# Holy Bible

## *Aionian* Edition®

**Fyre Car, Studentmållagsbibelen**

**Norwegian Student Bible**

*Holy Bible Aionian Edition ®*
Fyre Car, Studentmållagsbibelen
Norwegian Student Bible

Creative Commons Attribution 4.0 International, 2018-2025
Source text: Crosswire.org
Source version: 7/21/2015
Source copyright: Public Domain
Students Language Association (Studentmållaget), Seippel, Hognestad, Indrebø, 1921

Formatted by Speedata Publisher 5.1.9 (Pro) on 6/3/2025
100% Free to Copy and Print
TOR Anonymously
https://AionianBible.org

Published by Nainoia Inc, https://Nainoia-Inc.signedon.net
All profits are given to https://CoolCup.org

We pray for a modern Creative Commons translation in every language
Translator resources at https://AionianBible.org/Third-Party-Publisher-Resources
Report content and format concerns to Nainoia Inc
Volunteer help is welcome and appreciated!

*Celebrate Jesus Christ's victory of grace!*

# Forord

Norsk Nynorsk at AionianBible.org/Preface

The *Holy Bible Aionian Edition* ® is the world's first Bible *un-translation*! What is an *un-translation*? Bibles are translated into each of our languages from the original Hebrew, Aramaic, and Koine Greek. Occasionally, the best word translation cannot be found and these words are transliterated letter by letter. Four well known transliterations are *Christ*, *baptism*, *angel*, and *apostle*. The meaning is then preserved more accurately through context and a dictionary. The Aionian Bible un-translates and instead transliterates eleven additional Aionian Glossary words to help us better understand God's love for individuals and all mankind, and the nature of afterlife destinies.

The first three words are *aiōn*, *aiōnios*, and *aïdios*, typically translated as *eternal* and also *world* or *eon*. The Aionian Bible is named after an alternative spelling of *aiōnios*. Consider that researchers question if *aiōn* and *aiōnios* actually mean *eternal*. Translating *aiōn* as *eternal* in Matthew 28:20 makes no sense, as all agree. The Greek word for *eternal* is *aïdios*, used in Romans 1:20 about God and in Jude 6 about demon imprisonment. Yet what about *aiōnios* in John 3:16? Certainly we do not question whether salvation is eternal! However, *aiōnios* means something much more wonderful than infinite time! Ancient Greeks used *aiōn* to mean *eon* or *age*. They also used the adjective *aiōnios* to mean *entirety*, such as *complete* or even *consummate*, but never infinite time. Read Dr. Heleen Keizer and Ramelli and Konstan for proofs. So *aiōnios* is the perfect description of God's Word which has *everything* we need for life and godliness! And the *aiōnios* life promised in John 3:16 is not simply a ticket to eternal life in the future, but the invitation through faith to the *consummate* life beginning now!

The next seven words are *Sheol*, *Hadēs*, *Geenna*, *Tartaroō*, *Abyssos*, and *Limnē Pyr*. These words are often translated as *Hell*, the place of eternal punishment. However, *Hell* is ill-defined when compared with the Hebrew and Greek. For example, *Sheol* is the abode of deceased believers and unbelievers and should never be translated as *Hell*. *Hadēs* is a temporary place of punishment, Revelation 20:13-14. *Geenna* is the Valley of Hinnom, Jerusalem's refuse dump, a temporal judgment for sin. *Tartaroō* is a prison for demons, mentioned once in 2 Peter 2:4. *Abyssos* is a temporary prison for the Beast and Satan. Translators are also inconsistent because *Hell* is used by the King James Version 54 times, the New International Version 14 times, and the World English Bible zero times. Finally, *Limnē Pyr* is the Lake of Fire, yet Matthew 25:41 explains that these fires are prepared for the Devil and his angels. So there is reason to review our conclusions about the destinies of redeemed mankind and fallen angels.

The eleventh word, *eleēsē*, reveals the grand conclusion of grace in Romans 11:32. Please understand these eleven words. The original translation is unaltered and a highlighted note is added to 64 Old Testament and 200 New Testament verses. To help parallel study and Strong's Concordance use, apocryphal text is removed and most variant verse numbering is mapped to the English standard. We thank our sources at eBible.org, Crosswire.org, unbound.Biola.edu, Bible4u.net, and NHEB.net. The Aionian Bible is copyrighted with creativecommons.org/licenses/by/4.0, allowing 100% freedom to copy and print, if respecting source copyrights. Check the Reader's Guide and read at AionianBible.org, with Android, and with TOR network. Why purple? King Jesus' Word is royal and purple is the color of royalty! All profits are given to CoolCup.org.

# History

Norsk Nynorsk at AionianBible.org/History

06/21/75 - Two boys, P. and J., wonder if Jesus saves all and pray.
04/15/85 - Aionian Bible conceived as B. and J. pray.
12/18/13 - Aionian Bible announced as J. and J. pray.
06/21/15 - Aionian Bible birthed as G. and J. pray.
01/11/16 - AionianBible.org domain registered.
06/21/16 - 30 translations available in 12 languages.
12/07/16 - Nainoia Inc established as non-profit corporation.
01/01/17 - Creative Commons Attribution No Derivatives 4.0 license added.
01/16/17 - Aionian Bible Google Play Store App published.
07/01/17 - 'The Purple Bible' nickname begins.
07/30/17 - 42 translations now available in 22 languages.
02/01/18 - Holy Bible Aionian Edition® trademark registered.
03/06/18 - Aionian Bibles available in print at Amazon.com.
09/15/18 - Aionian Bible dedicated as J. and J. pray again.
10/20/18 - 70 translations now available in 33 languages.
11/17/18 - 104 translations now available in 57 languages.
03/24/19 - 135 translations now available in 67 languages.
10/28/19 - Aionian Bible nursed as another J. and J. pray.
10/31/19 - 174 translations now available in 74 languages.
02/22/20 - Aionian Bibles available in print at Lulu.com.
05/25/20 - Illustrations by Gustave Doré, La Grande Bible de Tours, Felix Just.
08/29/20 - Aionian Bibles now available in ePub format.
12/01/20 - Right to left and Hindic languages now available in PDF format.
03/31/21 - 214 translations now available in 99 languages.
11/17/21 - Aionian Bible Branded Leather Bible Covers now available.
12/20/21 - Social media presence on Facebook, Twitter, LinkedIn, YouTube, etc.
01/01/22 - 216 translations now available in 99 languages.
01/09/22 - StudyPack resources for Bible translation study.
01/23/22 - Volunteers celebrate with pie and prayer.
02/14/22 - Strong's Concordance from Open Scriptures and STEPBible.
02/14/23 - Aionian Bible published on the TOR Network.
12/04/23 - Eleēsē added to the Aionian Glossary.
02/04/24 - 352 translations now available in 142 languages.
05/01/24 - 370 translations now available in 164 languages.
08/05/24 - 378 translations now available in 165 languages.
08/18/24 - Creative Commons Attribution 4.0 International, if source allows.
10/20/24 - Gospel Primer handout format.
11/24/24 - Progressive Web Application off-line format.
01/28/25 - All profits are given to CoolCup.org.
03/12/25 - 382 translations now available in 166 languages.
05/04/25 - 393 translations now available in 175 languages.
05/27/25 - 462 translations now available in 229 languages.

# Innhold

## GAMLE TESTAMENTET


1 Mosebok ..... 1
2 Mosebok ..... 36
3 Mosebok ..... 65
4 Mosebok ..... 86
5 Mosebok .....114
Josvas ..... 138
Dommernes ..... 155
Ruts ..... 172
1 Samuels ..... 175
2 Samuel ..... 197
1 Kongebok ..... 215
2 Kongebok ..... 237
1 Krønikebok ..... 257
2 Krønikebok ..... 276
Esras ..... 300
Nehemias ..... 307
Esters ..... 317
Jobs ..... 323
Salmenes ..... 338
Salomos Ordsprog ..... 378
Predikerens ..... 392
Salomos Høisang ..... 397
Esaias ..... 400
Jeremias ..... 432
Klagesangene ..... 469
Esekiel ..... 472
Daniel ..... 506
Hoseas ..... 517
Joel ..... 522
Amos ..... 524
Obadias ..... 528
Jonas ..... 529
Mika ..... 531
Nahum ..... 534
Habakuk ..... 536
Sefanias ..... 538
Haggai ..... 540
Sakarias ..... 541
Malakias ..... 547


## NYE TESTAMENTET


Matteus ..... 551
Markus ..... 573
Lukas ..... 587
Johannes .....611
Apostlenes-gjerninge ..... 629
Romerne ..... 652
1 Korintierne ..... 661
2 Korintierne ..... 670
Galaterne ..... 676
Efeserne ..... 679
Filippenserne ..... 682
Kolossenserne ..... 685
1 Tessalonikerne ..... 687
2 Tessalonikerne ..... 689
1 Timoteus ..... 690
2 Timoteus ..... 693
Titus ..... 695
Filemon ..... 696
Hebreerne ..... 697
Jakobs ..... 704
1 Peters ..... 707
2 Peters ..... 710
1 Johannes ..... 712
2 Johannes ..... 715
3 Johannes ..... 716
Judas ..... 717
Apenbaring ..... 718


## TILLEGG


Guide til Leseren
Ordliste
Kart
Skjebne
Illustrasjoner, Doré

# GAMLE TESTAMENTET




*Og han dreiv mannen burt, og framfyre Edens hage sette han kerubarne med logande sverd, som dei let brå att og fram: dei skulde vakta vegen til livsens tre.*

1 Mosebok 3:24

# 1 Mosebok

**1** I upphavet skapte Gud himmelen og jordi. **2** Og
jordi var aud og øydi, og myrker låg yver djupet;
men Guds ande sveiv yver vatni. **3** Då sagde Gud:
«Det verte ljos!» So vart det ljos. **4** Og Gud såg at
ljoset var godt. Og Gud skilde ljoset frå myrkret. **5** Og
Gud kalla ljoset dag, og myrkret kalla han natt. Og
det vart kveld, og det vart morgon, fyrste dagen. **6** Då
sagde Gud: «Det verte ein vid kvelv midt i vatni: han
skal skilja vatn ifrå vatn.» **7** So gjorde Gud kvelven, og
skilde vatnet som er nedunder kvelven, frå det vatnet
som er uppyver kvelven. Og det vart so. **8** Og Gud
kalla kvelven himmel. Og det vart kveld, og det vart
morgon, andre dagen. **9** Då sagde Gud: «Vatni under
himmelen samle seg på ein stad, so det turre landet
kjem fram!» So vart det so. **10** Og Gud kalla det turre
landet jord, og vatni som hadde samla seg, kalla han
hav. Og Gud såg det var godt. **11** Då sagde Gud:
«Jordi bere fram gras og grode, urter som sår seg,
og frukttre, som ber frukt med deira frø i, utyver jordi,
kvart etter sitt slag!» Og so vart det. **12** Og jordi bar
fram gras og grode, urter som sår seg, kvar etter sitt
slag, og tre som ber frukt med frø i, kvart etter sitt slag.
Og Gud såg det var godt. **13** Og det vart kveld, og
det vart morgon, tridje dagen. **14** Då sagde Gud: «Det
verte skinande ljos på himmelkvelven: dei skal skilja
dagen frå natti. Og dei skal vera til merke, og skipa
tider og dagar og år. **15** Og dei skal vera til ljos på
himmelkvelven, og lysa utyver jordi.» Og so vart det.
**16** Og Gud gjorde dei tvo store ljosi, det større ljoset
til å råda um dagen, og det mindre ljoset til å råda
um natti, og so stjernorne. **17** Og Gud sette deim på
himmelkvelven til å lysa utyver jordi, **18** og til å styra
dagen og natti, og skilja ljoset frå myrkret. Og Gud såg
det var godt. **19** Og det vart kveld, og det vart morgon,
fjorde dagen. **20** Då sagde Gud: «Det skal yrja og
aula med liv i vatnet, og fuglar skal fljuga yver jordi,
uppunder himmelkvelven.» **21** So skapte Gud dei store
sjødyri, og alt livande som det yr og kryr av i vatnet,
kvart etter sitt slag, og alle fljugande fuglar, kvart etter
sitt slag. Og Gud såg det var godt. **22** Og Gud velsigna
deim og sagde: «De skal veksa og aukast og fylla
vatnet i havi, og fuglarne skal aukast på jordi!» **23** Og
det vart kveld, og det vart morgon, femte dagen. **24** Då
sagde Gud: «Jordi gjeve utor seg kvikjende av kvart
slag, bufe og krek og villdyr, kvart etter sitt slag.» Og
so vart det. **25** Og Gud gjorde dei ville dyri, kvart etter
sitt slag, og bufe av kvart eit slag, og alle dei dyr som
krek på marki, kvart etter sitt slag. Og Gud såg det var
godt. **26** Då sagde Gud: «Lat oss skapa menneskje i
vår likning, so dei vert bilætet vårt! Dei skal råda yver
fiskarne i havet og yver fuglarne under himmelen og
yver feet og yver all jordi og yver alt liv som leikar
på jordi.» **27** So skapte Gud menneskjet i si likning, i
Guds likning skapte han det, til kar og kvinna skapte
han deim. **28** Og Gud velsigna deim, og Gud sagde til
deim: «De skal veksa og aukast og fylla jordi og leggja
henne under dykk, og råda yver fiskarne i havet og
yver fuglarne under himmelen og yver kvart dyr som
røyver seg på jordi!» **29** Og Gud sagde: «Sjå, eg gjev
dykk alle urter som sår seg, alle som finst på jordi, og
alle tre med alde som sår seg: for dykk skal det vera til
føda. **30** Og alle dyri på jordi og alle fuglarne under
himmelen og alt det som yrer på jordi, alt som hev
ande og liv, gjev eg alt det grøne graset til føda.» Og
so vart det. **31** Og Gud skoda alt han hadde gjort, og
sjå: det var ovleg godt. Og det vart kveld, og det vart
morgon, sette dagen.

**2** So vart himmelen og jordi fullferda, med heile sin
her. **2** Og den sjuande dagen fullferda Gud det
verket han gjorde, og kvilde, den sjuande dagen, etter
alt verket han hadde gjort. **3** Og Gud velsigna den
sjuande dagen, og gjorde honom heilag; for den dagen
kvilde han etter alt sitt verk, det som Gud gjorde då
han skapte. **4** Dette er soga um himmelen og jordi,
då dei vart skapte. Den tid Herren Gud gjorde jord
og himmel, **5** då fanst det endå ikkje ei grøn buska
på jordi, og endå hadde ikkje eit grasstrå runne. For
Herren Gud hadde ikkje late det regna på jordi, og
der var ingen mann til å dyrka marki. **6** Då steig det
upp eim or jordi, og dogga all marki. **7** Og Herren Gud
skapte mannen av mold or marki, og bles livsens ande
i nosi hans, og mannen fekk ånd og liv. **8** Og Herren
Gud gjorde ein hage i Eden, langt aust, og der sette
han mannen som han hadde skapt. **9** Og Herren Gud
let alle slag tre veksa upp av jordi, gilde å sjå til og
gode å eta av, og midt i hagen livsens tre og det treet
som gjev vit på godt og vondt. **10** Og det gjeng ei elv
ut ifrå Eden. Ho vatnar hagen, og sidan kløyver ho seg
i fire greiner. **11** Den fyrste heiter Pison. Det er den
som renn kringum heile Havilalandet, der som det er
gull. **12** Og gullet i det landet er godt. Der er det dei
finn bedolahkvåda og sjohamsteinen. **13** Og den andre
elvi heitte Gihon; det er den som renn kringum heile
Kusjland. **14** Og den tridje elvi heiter Hiddekel; det er
den som gjeng framanfor Assur. Og den fjorde elvi, det
er Frat. **15** Og Herren Gud tok mannen og sette honom
i Eden til å dyrka og varna hagen. **16** Og Herren Gud
sagde mannen fyre og baud: «Du må gjerne eta av alle
trei i hagen. **17** Men det treet som gjev vit på godt og
vondt, det må du ikkje eta av; for den dag du et av det,
skal du døy.» **18** Og Herren Gud sagde: «Det er ikkje
godt at mannen er einsleg. Eg vil gjeva honom ei hjelp

som høver for honom.» 19 Og Herren Gud tok av jordi
og skapte alle dyri på marki og alle fuglarne i lufti, og
han leidde deim fram til mannen og vilde sjå kva han
kalla deim; og som mannen kalla kvart kvikjende, so
skulde det heita. 20 Og mannen gav alt bufeet namn,
og fuglarne i lufti og alle villdyri, men for ein mann fann
han ingi hjelp som var høveleg. 21 Då let Herren Gud
ein tung svevn koma på mannen, og medan han sov,
tok han eit av sidebeini hans, og fyllte atter med kjøt.
22 Og Herren Gud bygde ei kvinna av det sidebeinet
han tok av mannen, og leidde henne fram til honom.
23 Då sagde mannen: «Dette er då bein av mine bein
og kjøt av mitt kjøt. Ho skal kallast kjerring; for ho er
teki av ein kar.» 24 Difor skal mannen skiljast med far
sin og mor si og halda seg hjå kona si, og dei skal
verta eitt kjøt. 25 Og dei var nakne, både mannen og
kona hans, og blygdest ikkje.

**3** Men ormen var sløgaste av alle villdyri, som Herren
Gud hadde gjort, og han sagde med kona: «Kann
det vera råd at Gud hev sagt, at de ikkje må eta av
alle trei i hagen?» 2 Og kona sagde med ormen: «Me
kann eta av frukterne på trei i hagen, 3 men frukti på
det treet som er midt i hagen - «den, » sagde Gud,
«må de ikkje eta av og ikkje røra; for då skal de døy.»»
4 Då sagde ormen med kona: «De skal ikkje døy. 5
Men Gud veit vel at den dag de et av frukti, skal augo
dykkar opnast, og de skal verta liksom Gud og skyna
godt og vondt.» 6 Og kona såg at treet var godt å eta
av, og tykte det var ein hugnad for augo, og eit gildt
tre, med di det kunde gjera ein klok. So tok ho av frukti
og åt, og gav mannen sin og med seg, og han åt. 7
Då fekk dei augo upp båe tvo, og gådde at dei var
nakne. Og dei nesta i hop lauv av fiketreet og sveipte
kring livet. 8 Og dei høyrde Herren Gud som gjekk i
hagen, då det leid imot kvelden og tok til å svalna.
Og mannen og kona hans løynde seg for Guds augo
millom trei i hagen. 9 Då ropa Herren Gud på mannen
og sagde til honom: «Kvar er du?» 10 Og han svara:
«Eg høyrde deg i hagen. Då vart eg rædd, av di eg
var naken, og so løynde eg meg.» 11 Då sagde han:
«Kven sagde deg det, at du er naken? Hev du ete av
det treet som eg sagde deg at du ikkje måtte eta av?»
12 Og mannen sagde: «Kona som du gav meg til å
vera saman med, ho gav meg av treet, og eg åt.» 13
Då sagde Herren Gud til kona: «Kva er det du hev
gjort!» Og kona sagde: «Ormen lokka meg, og eg åt.»
14 Då sagde Herren Gud til ormen: «For di du gjorde
det, skal du vera forbanna millom alt bufeet og millom
alle villdyri. På buken skal du skrida, og mold skal du
eta, alle dine livedagar. 15 Og hat vil eg setja millom
deg og kvinna, og millom di ætt og hennar ætt. Dei
skal krasa ditt hovud, og du skal hogga deim i hælen.»
16 Og til kona sagde han: «Stor vil eg gjera di møda,
so tidt du er umhender. Med verk og vande skal du
eiga born, og etter mannen din skal du stunda, og han
skal hava velde yver deg.» 17 Og til mannen sagde
han: «For di du lydde kona di, og åt av det treet som
eg forbaud deg å eta av, so skal jordi vera forbanna for
di skuld. Med møda skal du næra deg av henne alle
dine livedagar. 18 Torn og tistel skal ho bera deg, og
du skal eta urterne på marki. 19 Med sveiten i andlitet
skal du eta ditt brød, til dess du fer i jordi att; for av
henne er du teken. For mold er du, og til moldi skal
du attende.» 20 Og mannen kalla kona si Eva; for ho
vart mor åt alle dei livande. 21 Og Herren Gud gjorde
skinnkjolar til mannen og kona hans og klædde deim
med. 22 Og Herren Gud sagde: «Sjå, mannen hev
vorte som ein av oss til å skyna godt og vondt. Berre
han no ikkje retter ut handi, og tek av livsens tre og, og
et, og liver i all æva!» 23 Og Herren Gud viste honom
ut or Edens hage, og sette honom til å dyrka jordi,
som han var teken utav. 24 Og han dreiv mannen burt,
og framfyre Edens hage sette han kerubarne med
logande sverd, som dei let brå att og fram: dei skulde
vakta vegen til livsens tre.

**4** Og Adam budde saman med Eva, kona si, og ho
vart med barn, og åtte Kain. Då sagde ho: «Ein
son hev eg fenge av Herren!» 2 Sidan åtte ho Abel,
bror hans. Og Abel vart sauehyrding, og Kain var
jorddyrkar. 3 Og det hende, då det leid av ei tid, at Kain
bar fram åt Herren ei gåva av grøda på marki. 4 Og
Abel bar og fram ei gåva, og han gav av frumselambi
or fenaden sin og feittet deira. Og Herren såg blidt til
Abel og gåva hans, 5 men ansa ikkje Kain og hans
gåva. Då vart Kain brennande harm, og stirde nedfyre
seg. 6 Og Herren sagde til Kain: «Kvi er du harm, og
kvi stend du og stirer nedfyre deg? 7 Hev du godt i
tankar, kann du ikkje då lyfta upp augo? Og hev du
ikkje godt i tankar, so ligg syndi framfyre døri og lurer.
Ho trår etter deg, men du lyt halda henne i age.» 8 Og
Kain sagde det med Abel, bror sin. Og det gjekk so til,
medan dei var utpå marki, at Kain rauk på Abel, bror
sin, og slo honom i hel. 9 Då sagde Herren til Kain:
«Kvar er Abel, bror din?» Og han svara: «Eg veit ikkje.
Skal eg gjæta bror min?» 10 Då sagde han: «Kva hev
du gjort! Høyr, blodet åt bror din ropar til meg frå jordi!
11 Og no skal du vera bannlyst frå den jordi som let
upp munnen og tok imot blodet åt bror din av di hand.
12 Når du dyrkar marki, skal ho ikkje meir gjeva deg
sin avle. Heimlaus og fredlaus skal du vera på jordi.»
13 Då sagde Kain til Herren: «Skuldi mi er større enn
eg kann bera. 14 Sjå, du driv meg i dag ut or landet,
og eg lyt løyna meg for dine augo og vera heimlaus og
fredlaus på jordi, og kven som finn meg, kjem til å slå

meg i hel.» 15 Då sagde Herren til honom: «Nei! for
drep nokon Kain, so skal det hemnast sju gonger.»
Og Herren gav Kain eit merke, so dei ikkje skulde
slå honom i hel, kven som fann honom. 16 So hadde
Kain seg utor Herrens augo, og busette seg i eit land
som heiter Nod, austanfor Eden. 17 Og Kain budde
saman med kona si, og ho vart med barn, og åtte
Hanok. Sidan tok han seg til å byggja ein by, og kalla
byen Hanok, etter son sin. 18 Og Hanok vart far til
Irad; og Irad fekk sonen Mehujael, og Mehujael fekk
sonen Metusael, og Metusael fekk sonen Lamek. 19
Og Lamek tok seg tvo konor. Den eine heitte Ada, og
den andre heitte Silla. 20 Og Ada åtte sonen Jabal.
Frå honom er dei ætta dei som bur i tjeldbuder og held
buskap. 21 Og bror hans heitte Jubal. Frå honom er
dei ætta all dei som spelar på harpa og fløyta. 22 Og
Silla åtte og ein son. Han vart kalla Tubalkain; og han
smidde alle slag bitjarn, både av jarn og av kopar. Og
syster åt Tubalkain heitte Na'ama. 23 Og Lamek kvad
til konorne sine: «Ada og Silla, høyr mine ord, Lameks
konor, lyd på mi røyst! Ein mann drep eg for kvart sår,
og ein svein for kvar skråma eg fær. 24 For Kain skal
sju gonger hemnast, men Lamek sju-ti og sju.» 25 Og
Adam budde med kona si som han fyrr hadde gjort, og
ho åtte ein son, og kalla honom Set. «For Gud hev sett
meg ein annan son i staden hans Abel, » sagde ho,
«for di Kain slo honom i hel.» 26 Og Set fekk og ein
son, og kalla honom Enos. Då tok dei til å kalla på
Herren.

5 Dette er boki um Adams-ætti: Den dagen då Gud
skapte menneskjet, skapte han det i Guds likning.
2 Til kar og kvinna skapte han deim. Og han velsigna
deim, og kalla deim menneskje den dagen då dei vart
skapte. 3 Då Adam var hundrad og tretti år gamall,
fekk han ein son som var so lik honom som det skulde
vore hans eige bilæte, og han kalla honom Set. 4 Og
etter han hadde fenge Set, livde han endå åtte hundrad
år, og fekk søner og døtter. 5 Og alle livedagarne hans
Adam vart ni hundrad og tretti år. So døydde han. 6
Då Set var hundrad og fem år gamall, fekk han sonen
Enos. 7 Og etter han hadde fenge Enos, livde han
endå åtte hundrad og sju år, og fekk søner og døtter.
8 Og alle dagarne hans Set vart ni hundrad og tolv
år. So døydde han. 9 Då Enos var nitti år gamall,
fekk han sonen Kenan. 10 Og etter han hadde fenge
Kenan, livde han endå åtte hundrad og femtan år, og
fekk søner og døtter. 11 Og alle dagarne hans Enos
vart ni hundrad og fem år. So døydde han. 12 Då
Kenan var sytti år gamall, fekk han sonen Mahalalel.
13 Og etter han hadde fenge Mahalalel, livde han endå
åtte hundrad og fyrti år, og fekk søner og døtter. 14
Og alle dagarne hans Kenan vart ni hundrad og ti år.
So døydde han. 15 Då Mahalalel var fem og seksti
år gamall, fekk han sonen Jared. 16 Og etter han
hadde fenge Jared, livde han endå åtte hundrad og
tretti år, og fekk søner og døtter. 17 Og alle dagarne
hans Mahalalel vart åtte hundrad og fem og nitti år.
So døydde han. 18 Då Jared var hundrad og tvo og
seksti år gamall, fekk han sonen Enok. 19 Og etter
han hadde fenge Enok, livde han endå åtte hundrad
år, og fekk søner og døtter. 20 Og alle dagarne hans
Jared vart ni hundrad og tvo og seksti år. So døydde
han. 21 Då Enok var fem og seksti år gamall, fekk
han sonen Metusalah. 22 Og etter han hadde fenge
Metusalah, gjekk han på Guds veg i tri hundrad år, og
han fekk søner og døtter. 23 Og alle dagarne hans
Enok vart tri hundrad og fem og seksti år. 24 Enok
gjekk på Guds veg, og brått vart han burte; for Gud
tok honom til seg. 25 Då Metusalah var hundrad og
sju og åtteti år gamall, fekk han sonen Lamek. 26
Og etter han hadde fenge Lamek, livde han endå sju
hundrad og tvo og åtteti år, og fekk søner og døtter.
27 Og alle dagarne hans Metusalah vart ni hundrad
og ni og seksti år. So døydde han. 28 Då Lamek var
hundrad og tvo og åtteti år gamall, fekk han ein son,
29 og kalla honom Noah, og sagde: «Han skal hugga
oss i arbeidet vårt, og i alt vårt slit og slæp på den jordi
som Herren hev forbanna.» 30 Og etter han hadde
fenge Noah, livde han endå fem hundrad og fem og
nitti år, og fekk søner og døtter. 31 Og alle dagarne
hans Lamek vart sju hundrad og sju og sytti år. So
døydde han. 32 Då Noah hadde fyllt fem hundrad år,
fekk han sønerne Sem og Kham og Jafet.

6 Og det hende, då manneætti tok til å aukast på
jordi, og dei fekk døtter, 2 då såg gudssønerne
at mannedøtterne var væne, og tok til konor deim
som dei kåra seg. 3 Då sagde Herren: «Ikkje skal
min ande bu æveleg i mannen, for di um dei hev
forset seg. Han er kjøt, og dagarne hans skal vera
hundrad og tjuge år.» 4 I den tidi var det risar på jordi,
og seinare og, av di gudssønerne jamleg gav seg i
lag med mannedøtterne, og fekk søner med deim;
det var kjemporne, dei namngjetne, som var til fyrr i
verdi. 5 Og Herren såg at vondskapen var stor hjå
manneætti på jordi, og at alt dei tenkte og emna på i
hjarto sine, det var berre vondt all dagen. 6 Då angra
Herren at han hadde skapt mannen på jordi, og han
var full av sorg i hjarta. 7 Og Herren sagde: «Eg vil
tyna menneskja som eg hev skapt, og rydja henne ut
av jordi, både menneskje og dyr og krek og fuglarne i
lufti; for eg angrar at eg hev skapt deim.» 8 Men Noah
fann nåde hjå Herren. 9 Dette er soga um Noah og
ætti hans: Noah var ein rettvis og ulastande mann
millom sine samtidingar; Noah gjekk på Guds veg. 10

Og Noah fekk tri søner, Sem og Kham og Jafet. **11** Men jordi vart verre og verre i Guds augo, og jordi vart full av urett. **12** Og Gud skoda jordi, og sjå: ho var utskjemd; for alt kjøt hadde skjemt seg ut med si åtferd på jordi. **13** Då sagde Gud til Noah: «Eg hev sett meg fyre at eg vil gjera ende på alt kjøt. For dei hev fyllt upp jordi med urett. Og no vil eg øydeleggja både deim og jordi. **14** Gjer deg ei ark av gofertre. Med kovar og kot skal du innreida arki, og bræda henne med bik både innan og utan. **15** Soleis skal du gjera henne: Tri hundrad alner lang skal arki vera, og femti alner breid, og tretti alner høg. **16** Øvst på arki skal du gjera ein glugg, som når ei aln ned på veggen. Og døri skal du setja på den eine sida. Du skal gjera arki trihøg, med mange rom i kvar høgd. **17** Og eg vil lata storflodi koma med vatn yver jordi, og tyna alt kjøt under himmelen som det er livsande i. Alt som er på jordi, skal døy. **18** Men med deg vil eg gjera ei pakt, og du skal ganga inn i arki, du og sønerne dine og kona di og konorne åt sønerne dine med deg. **19** Og av alt som liver, alt kjøt, skal du taka tvo av kvart slag med inn i arki, so du held deim i live med deg. Han og ho skal dei vera. **20** Av alle slag fuglar og av alle slag dyr og av alt kreket på marki skal par og par koma inn til deg, so dei kann halda liv i seg. **21** Og du skal sanka av all den mat som etande er, og samla det til deg: for deg og for deim skal det vera til føda.» **22** Og Noah gjorde so; han gjorde i alle måtar so som Gud sagde honom fyre.

**7** So sagde Herren til Noah: «Gakk inn i arki, du og heile ditt hus! For deg hev eg røynt for ein rettvis millom deim som no liver. **2** Av alle reine dyr skal du taka deg ut sju par, han og ho, og av dei dyri som ikkje er reine, eitt par, han og ho; **3** like eins av fuglarne i lufti sju par, han og ho, so elde kann haldast i live utyver all jordi. **4** For um sju dagar vil eg lata det regna på jordi i fyrti jamdøger, og rydja ut av verdi kvart liv eg hev skapt.» **5** Og Noah gjorde i alle måtar so som Herren sagde honom fyre. **6** Noah var seks hundrad år gamall, då storflodi kom med vatn yver jordi. **7** Då gjekk Noah og sønerne hans og kona hans og konorne åt sønerne hans med honom inn i arki, og berga seg for flaumen. **8** Og av dei reine dyri, og av dei dyri som ikkje er reine, og av fuglarne, og av alt det som krelar på marki, **9** kom par og par, han og ho, inn i arki til Noah, so som Gud hadde sagt Noah fyre. **10** Og det hende, då dei sju dagarne var lidne, då kom vatnet fløymande yver jordi. **11** Den syttande dagen i den andre månaden i det året då Noah fyllte seks hundrad år, den dagen brast alle brunnar i stordjupet, og himmellukorne let seg upp. **12** Og regnet fossa ned på jordi i fyrti dagar og fyrti næter. **13** Denne same dagen gjekk Noah, og Sem og Kham og Jafet, sønerne hans Noah, og kona hans Noah, og dei tri sonekonorne hans med deim inn i arki, **14** dei og alle villdyr, kvart etter sitt slag, og alt bufe, kvart etter sitt slag, og alt krek som krelar på jordi, kvart etter sitt slag, og alle fuglar, kvar etter sitt slag: alt som kvitrar, alt som hev vengjor. **15** Og dei kom inn i arki til Noah, tvo og tvo av alt kjøt som det er livsande i. **16** Og dei som kom inn, var han og ho av alt kjøt, so som Gud hadde sagt honom fyre. Og Herren let att etter honom. **17** So kom flodi veltande yver jordi i fyrti dagar, og vatnet auka, og lyfte arki, so ho flaut upp ifrå jordi. **18** Og vatnet voks og auka uhorveleg utyver jordi, og arki dreiv burtyver vatnet. **19** Og vatnet steig høgre og høgre yver jordi, so alle dei høge fjelli under heile himmelen vart gøymde. **20** Femtan alner yver jordi steig vatnet, og fjelli vart gøymde. **21** Då døydde alt kjøt som røyvde seg på jordi, både fuglar og bufe og villdyr og alt det som urde og krydde på jordi, og alt folket. **22** Alt som hadde livsandedrag i si nos, alt som var på det turre landet, laut døy. **23** So rudde han ut kvart liv som på jordi fanst, både folk og fe og krek og fuglarne i lufti. Dei vart utrudde av verdi, og att vart berre Noah og det som var med honom i arki. **24** Og vatnet flødde yver jordi i hundrad og femti dagar.

**8** Då kom Gud i hug Noah og alle villdyri og alt bufeet som var med honom i arki, og Gud let ein vind fara yver jordi, og vatnet fall. **2** Og brunnarne i djupet og lukorne på himmelen stengdest, og regnet frå himmelen stogga. **3** Og vatnet drog seg etter kvart attende frå jordi, og vatnet minka, då hundrad og femti dagar var lidne. **4** Og den syttande dagen i den sjuande månaden tok arki grunn og stana på Araratfjelli. **5** Og vatnet minka meir og meir, alt til den tiande månaden: Den fyrste dagen i den tiande månaden synte fjelltindarne seg. **6** Og det hende, då fyrti dagar var lidne, at Noah let upp vindauga på arki, som han hadde gjort, **7** og slepte ut ein ramn, og den flaug til og frå, til vatnet hadde torna burt av jordi. **8** So sende han ei duva ut ifrå seg, og vilde sjå um vatnet hadde sige undan frå marki. **9** Men duva fann ingen kvilestad for foten sin, og kom attende til honom i arki; for det stod vatn yver all jordi. Då rette han ut handi, og tok henne, og hadde henne inn til seg i arki. **10** So bia han endå sju dagar, og sende so duva ut att or arki. **11** Og då det leid til kvelds, kom duva heim til honom, og sjå: då hadde ho eit grønt oljetrelauv i nebben. Då skyna Noah at vatnet hadde sige undan frå jordi. **12** Men han drygde endå sju dagar til. So let han ut duva, og då kom ho ikkje att til honom meir. **13** Og det bar so til, at den fyrste dagen i den fyrste månaden i det seks hundrad og fyrste året, då hadde

vatnet torna burt av jordi. Og Noah tok taket av arki,
og såg utyver, og sjå, marki var turr. 14 Og den sju og
tjugande dagen i den andre månaden var jordi heiltupp
turr. 15 Då tala Gud til Noah og sagde: 16 «Gakk ut
or arki, du og kona di og sønerne dine og konorne
åt sønerne dine med deg! 17 Og alle dei dyr som er
hjå deg, alt kjøt, både fuglarne og feet og alt kreket
som krelar på jordi, skal du hava med deg ut, og dei
skal yrja på jordi, og alast og aukast utyver jordi.» 18
So gjekk Noah ut, og sønerne hans og kona hans
og konorne åt sønerne hans med honom. 19 Og alle
dyri og alt kreket og alle fuglarne, alt som røyver seg
på jordi, gjekk ut or arki, kvart etter sitt slag. 20 Og
Noah bygde Herren eit altar, og tok utav alt det reine
feet og utav alle dei reine fuglarne, og ofra brennoffer
på altaret. 21 Og Herren kjende den gode gimen, og
Herren sagde i sitt hjarta: «Eg vil aldri meir forbanna
jordi for menneskja skuld; for mannehjarta emnar berre
på vondt, alt ifrå ungdomen. Og eg vil aldri meir drepa
alt liv, so som eg no gjorde. 22 Heretter skal sånad og
skurd, og kulde og hite, og sumar og vinter, og dag og
natt aldri trjota, so lenge som jordi stend.»

**9** Og Gud velsigna Noah og sønerne hans og sagde
til deim: «De skal veksa og aukast og fylla jordi. 2
Age og otte skal dei bera for dykk alle dyri på jordi og
alle fuglarne under himmelen, alt som krelar på marki
og alle fiskarne i havet: i dykkar hender er dei gjevne.
3 Alt som røyver seg og liver, for dykk skal det vera til
føda. Som eg gav dykk dei grøne urterne, so gjev eg
dykk alt dette. 4 Men kjøt med liv, med blodet i, det må
de ikkje eta! 5 Og berre dykkar eige blod vil eg hemna:
eg vil krevja det att av kvart dyr, og av menneskjet
og; kvar manns liv vil eg krevja att av hans bror. 6
Den som tek manns blod, hans blod skal menner taka;
for i Guds likning skapte han mannen. 7 Men de skal
veksa og aukast; de skal yrja på jordi og auka dykk på
henne.» 8 Og Gud sagde til Noah og sønerne hans,
som var med honom: 9 «Sjå, eg vil gjera ei pakt med
dykk og med etterkomarane dykkar, 10 og med kvart
eit livande liv som hjå dykk er, både fuglar og fe og
alle dei ville dyr som er hjå dykk, alle som gjekk ut or
arki, alt som liver på jordi: 11 Ei pakt vil eg gjera med
dykk, og aldri meir skal alt livande tynast i flaumen, og
aldri meir skal det koma ei flod som legg jordi i øyde.»
12 Og Gud sagde: «Dette er merket på pakti eg set
millom meg og dykk og kvart livande liv som hjå dykk
er, til æveleg tid: 13 Bogen min set eg i skyi: han skal
vera eit merke på pakti millom meg og jordi. 14 Og so
tidt eg let skyer skyggja yver jordi, og bogen ter seg i
skyi, 15 då skal eg koma i hug den pakti som er millom
meg og dykk og kvart livande liv av alt kjøt, og vatnet
skal aldri meir verta ei flod som tyner alt kjøt. 16 So
skal bogen standa i skyi, og eg sjå honom og minnast
ævordomspakti millom Gud og kvart livande liv av alt
kjøt som til er på jordi. 17 Dette, » sagde Gud til Noah,
«er merket på den pakt eg hev sett millom meg og alt
kjøt som til er på jordi.» 18 Og Noahs-sønerne, som
gjekk ut or arki, det var Sem og Kham og Jafet. Og
Kham var far åt Kana'an. 19 Desse tri var sønerne
hans Noah, og frå deim hev alle folk på jordi greina
seg ut. 20 Og Noah var jorddyrkar, og han var den
fyrste som gjorde ein vinhage. 21 Og han drakk av
vinen, og vart drukken, og so klædde han seg naken
midt inni tjeldbudi. 22 Og då Kham, far åt Kana'an,
såg far sin liggja naken, gjekk han ut og sagde det
med båe brørne sine. 23 Då tok Sem og Jafet ei kåpa
og lagde på herdarne sine, og gjekk inn baklengs, og
breidde kåpa yver far sin; og dei vende augo burt, so
dei såg ikkje blygsli åt far sin. 24 Då so Noah vakna av
ruset, fekk han vita kva den yngste sonen hans hadde
gjort imot honom. 25 Då sagde han: «Forbanna skal
Kana'an vera! Den lågaste av alle trælar skal han vera
for sine brøder.» 26 So sagde han: «Lova vere Herren,
Sems Gud, og Kana'an vera hans træl! 27 Gud gjere
det romt for Jafet! Under tjeldi hans Sem skal han bu,
og Kana'an vere hans træl.» 28 Etter storflodi livde
Noah endå tri hundrad og femti år. 29 Og alle dagarne
hans Noah vart ni hundrad og femti år. So døydde
han.

**10** Dette er dei ætterne som hev kome frå sønerne
hans Noah, Sem og Kham og Jafet; dei fekk
søner, etter storflodi hadde vore: 2 Sønerne hans Jafet
var Gomer og Magog og Madaj og Javan og Tubal
og Mesek og Tiras. 3 Og sønerne hans Gomer var
Askenas og Rifat og Togarma. 4 Og sønerne hans
Javan var Elisa og Tarsis, og Kittim og Dodanim. 5
Frå deim hev folki på heidninge-øyarne greina seg ut i
landi sine, kvart med sitt tungemål, etter sine ætter,
i sine rike. 6 Og sønerne hans Kham var Kusj og
Misrajim og Put og Kana'an. 7 Og sønerne hans Kusj
var Seba og Havila og Sabta og Raema og Sabteka,
og sønerne hans Raema var Sjeba og Dedan. 8 Og
Kusj hadde endå ein son, som heitte Nimrod. Han var
den fyrste som fekk stort velde på jordi. 9 Han var ein
gjæv veidemann i Herrens augo. Difor vert det sagt:
«Ein gjæv veidemann i Herrens augo, som Nimrod.»
10 Fyrst rådde han yver Babel og Erek og Akkad og
Kalne i Sinearlandet. 11 Frå det landet for han til
Assur, og bygde Nineve og Rehobot-Ir og Kalah 12 og
Resen millom Nineve og Kalah; dette er Storstaden.
13 Og Misrajim vart far til ludarane og anamarane
og lehabarane og naftuharane 14 og patrusarane og
kasluharane, dei som filistarane hev kome frå, og

kaftorarane. 15 Og Kana'an vart far til Sidon - det var
den fyrste sonen hans - og til Het 16 og til jebusitarne
og amoritarne og girgasitarne 17 og hevitarne og
arkitarne og sinitarne, 18 og arvaditarne og semaritarne
og hamatitarne. Sidan breidde kananitarfolki seg vidare
ut. 19 Og landskilet åt kananitarne gjekk frå Sidon til
Gaza, når du tek leidi burtimot Gerar, og til Lesa, når
du tek leidi burtimot Sodoma og Gomorra og Adma og
Sebojim. 20 Dette er Khams-sønerne, med sine ætter
og tungemål, i sine land og rike. 21 Og Sem, eldste
bror hans Jafet, han fekk og born; han er det som alle
Ebers-sønerne er ætta frå. 22 Og sønerne hans Sem
var Elam og Assur og Arpaksad og Lud og Aram. 23
Og sønerne hans Aram var Us og Hul og Geter og
Mas. 24 Og Arpaksad fekk sonen Salah, og Salah
fekk sonen Eber. 25 Og Eber fekk tvo søner. Den eine
heitte Peleg; for i hans dagar vart jordi utbytt millom
folki. Og bror hans heitte Joktan. 26 Og Joktan vart far
til Almodad og Salef og Hasarmavet og Jarah 27 og
Hadoram og Uzal og Dikla 28 og Obal og Abimael og
Sjeba 29 og Ofir og Havila og Jobab; alle desse var
sønerne hans Joktan. 30 Og dei budde i Austfjellet, frå
Mesa og burtimot Sefar. 31 Dette er sønerne hans
Sem, med sine ætter og tungemål, i sine land og med
sine rike. 32 Dette var dei folki som hev kome frå
sønerne hans Noah, etter sine ættgreiner, i sine rike.
Og frå deim hev alle folkeslag greina seg ut yver jordi
etter storflodi.

**11** Og heile verdi hadde eitt tungemål og same ordi.
2 Og det bar so til, då dei for austigjenom, at dei
fann ei slette i Sinearlandet, og der slo dei seg ned. 3
Og dei sagde seg imillom: «Kom, lat oss gjera tigl og
brenna det vel!» Og so bruka dei tiglet til murstein, og
i staden for kalk bruka dei jordbik. 4 So sagde dei:
«Kom, lat oss byggja oss ein by, med eit tårn som når
upp i himmelen, og gjera oss namngjetne, so me ikkje
vert spreidde utyver all jordi!» 5 Då steig Herren ned
og vilde sjå byen og tårnet som manneborni bygde. 6
Og Herren sagde: «Sjå dei er eitt folk, og alle hev dei
eit tungemål, og dette er det fyrste dei tek seg fyre! No
vert ikkje noko umogelegt for deim, kva dei so finn på å
gjera. 7 Lat oss då stiga ned der og vildra målet deira,
so den eine ikkje skynar kva den andre segjer.» 8 So
spreidde Herren deim derifrå ut yver heile jordi, og dei
heldt upp å byggja på byen. 9 Difor kallar dei den byen
Babel; for der vildra Herren målet for heile verdi, og
derifrå spreidde Herren deim ut yver all jordi. 10 Dette
er soga um Sems-ætti: Då Sem var hundrad år gamall,
fekk han sonen Arpaksad, tvo år etter storflodi. 11 Og
etter han hadde fenge Arpaksad, livde han endå i fem
hundrad år, og fekk søner og døtter. 12 Då Arpaksad
var fem og tretti år gamall, fekk han sonen Salah. 13
Og etter han hadde fenge Salah, livde han endå fire
hundrad og tri år, og fekk søner og døtter. 14 Då Salah
var tretti år gamall, fekk han sonen Eber. 15 Og etter
han hadde fenge Eber, livde han endå fire hundrad og
tri år, og fekk søner og døtter. 16 Då Eber var fire og
tretti år gamall, fekk han sonen Peleg. 17 Og etter han
hadde fenge Peleg, livde han endå fire hundrad og
tretti år, og fekk søner og døtter. 18 Då Peleg var tretti
år gamall, fekk han sonen Re'u. 19 Og etter han hadde
fenge Re'u, livde han endå tvo hundrad og ni år, og
fekk søner og døtter. 20 Då Re'u var tvo og tretti år
gamall, fekk han sonen Serug. 21 Og etter han hadde
fenge Serug, livde han endå tvo hundrad og sju år, og
fekk søner og døtter. 22 Då Serug var tretti år gamall,
fekk han sonen Nahor. 23 Og etter han hadde fenge
Nahor, livde han endå tvo hundrad år, og fekk søner
og døtter. 24 Då Nahor var ni og tjuge år gamall, fekk
han sonen Tarah. 25 Og etter han hadde fenge Tarah,
livde han endå hundrad og nittan år, og fekk søner
og døtter. 26 Då Tarah hadde fyllt sytti år, fekk han
sønerne Abram og Nahor og Haran. 27 Dette er soga
um Tarah og ætti hans: Tarah fekk sønerne Abram
og Nahor og Haran. Og Haran fekk sonen Lot. 28 Og
Haran døydde for augo åt Tarah, far sin, i fødesheimen
sin, i Ur i Kaldæa. 29 Og Abram og Nahor tok seg
konor. Kona hans Abram heitte Saraj, og kona hans
Nahor heitte Milka, og var dotter åt Haran, far åt Milka
og Jiska. 30 Men Saraj var barnlaus; ho hadde aldri ått
barn. 31 Og Tarah tok med seg Abram, son sin, og Lot
Haransson, soneson sin, og Saraj, sonekona si, kona
hans Abram, og dei tok ut saman frå Ur i Kaldæa, og
vilde fara til Kana'ans-land. Og dei kom til Kharan, og
vart buande der. 32 Og dagarne hans Tarah vart tvo
hundrad og fem år. So døydde Tarah i Kharan.

**12** Då sagde Herren til Abram: «Far no du ut or
landet ditt, burt ifrå folket og farshuset ditt, og
til det landet som eg vil syna deg. 2 Og eg vil gjera
deg til eit stort folk, og velsigna deg, og gjera namnet
ditt stort. Du skal verta ei velsigning! 3 Og eg vil
velsigna deim som velsignar deg, og den som bannar
deg, vil eg forbanna; og i deg skal alle folk på jordi
velsignast.» 4 So tok Abram ut, som Herren hadde
sagt honom fyre, og Lot var med honom. Og Abram
var fem og sytti år gamall, då han flutte frå Kharan. 5
Og Abram tok med seg Saraj, kona si, og Lot, brorson
sin, og alt godset dei hadde vunne, og det folket dei
hadde fenge i Kharan, og dei tok ut og vilde fara til
Kana'ans-land, og dei kom til Kana'ans-land. 6 Og
Abram for framigjenom landet, alt til Sikemsbygdi, til
Spåmannseiki. Og kananitarne budde då der i landet.
7 Då synte Herren seg for Abram og sagde: «Dette
landet vil eg gjeva ætti di!» Og Abram bygde der eit

altar for Herren, som hadde synt seg for honom. 8
Derifrå flutte han til fjelli austanfor Betel, og sette upp
tjeldbudi si so han hadde Betel i vest og Aj i aust. Og
der bygde han Herren eit altar, og kalla på Herren.
9 Sidan muna Abram seg etter kvart framigjenom til
sudlandet. 10 So vart det uår i landet. Då for Abram
ned til Egyptarland, og vilde halda til der; for naudi
var stor i landet. 11 Då det leid so langt at dei mest
var komne til Egyptarland, sagde han til Saraj, kona
si: «Høyr no her du! Eg veit at du er ei fager kona.
12 Og det kjem til å ganga so, at når egyptarane fær
sjå deg, so segjer dei: «Dette er kona hans, » og so
slær dei meg i hel, men deg let dei liva. 13 Kjære deg,
seg du er syster mi, so det kann ganga meg vel for di
skuld, og eg ikkje skal missa livet!» 14 Då so Abram
kom fram til Egyptarland, såg egyptarane kona, og
tykte ho var ovfager. 15 Og hovdingarne åt Farao såg
henne, og rosa henne for Farao. So vart kona henta til
huset åt Farao. 16 Og Abram gjorde han vel imot for
hennar skuld, og han fekk både sauer og naut og asen
og drengjer og gjentor og asenfyljor og kamelar. 17
Men Herren søkte Farao og huset hans med svære
plågor for Saraj skuld, kona hans Abram. 18 Og Farao
kalla Abram til seg og sagde: «Kva er det du hev gjort
imot meg! Kvi let du meg ikkje vita at ho var kona di?
19 Kvi sagde du at ho var syster di, so eg tok henne
og vilde havt henne til kona? Sjå der hev du kona di!
Tak henne og far din veg!» 20 Og Farao sette nokre
menner til å fylgja honom ut or landet med kona hans
og alt det han åtte.

**13** So for Abram frå Egyptarland upp til Sudlandet
med kona si og alt det han åtte, og Lot var med
honom. 2 Og Abram var ovleg rik, både på bufe og på
sylv og på gull. 3 Sidan for han frå Sudlandet, dagsleid
etter dagsleid, til dess han kom til Betel, til den staden
som han fyrr hadde havt tjeldbudi si, millom Betel og
Aj, 4 der det altaret stod som han hadde bygt fyrste
gongen han var der. Og der kalla Abram på Herren. 5
Men Lot, som fylgdest med Abram, hadde og sauer
og naut og tjeldbuder. 6 Og landet kunde ikkje føda
deim, når dei budde i hop; dei hadde so mykje fe at dei
kunde ikkje bu saman. 7 So vart det trætta millom deim
som gjætte for Abram og deim som gjætte for Lot. Og
kananitarne og perizitarne budde då der i landet. 8 Då
sagde Abram med Lot: «Kjære deg, lat det ikkje vera
trætta millom meg og deg, og millom mine hyrdingar
og dine. Me er då brør! 9 Hev du ikkje heile landet fyre
deg? Skil då heller lag med meg! Tek du til vinstre,
so skal eg taka til høgre, og tek du til høgre, so skal
eg taka til vinstre.» 10 Då skoda Lot ikring seg, og
såg at heile Jordan-kverven, alt burtåt Soar, var rik på
vatn yver alt, som Herrens hage, som Egyptarlandet
- fyrr Herren lagde Sodoma og Gomorra i øyde. 11
Og Lot valde seg ut heile Jordan-kverven. So tok Lot
austigjenom, og dei skildest frå einannan: 12 Abram
vart buande i Kana'ans-land, og Lot budde i byarne i
Jordan-kverven, og lægra alt burtåt Sodoma. 13 Men
mennerne i Sodoma var vonde, og synda groveleg mot
Herren. 14 Og Herren sagde til Abram, etter Lot hadde
skilt lag med honom: «Lat upp augo dine og sjå ikring
deg frå den staden du stend, nordetter og sudetter og
austetter og vestetter! 15 For alt det landet du ser, vil
eg gjeva deg og di ætt til æveleg tid. 16 Og eg vil lata
ætti di verta som dusti på jordi: kann nokon telja dusti
på jordi, so kann dei og telja di ætt. 17 Upp, og far
landet igjenom, so langt og so breidt som det er! For
deg vil eg gjeva det.» 18 So flutte Abram tjeldbuderne,
og kom til eikelunden åt Mamre i Hebron. Der vart han
buande, og bygde Herren eit altar.

**14** I den tidi då Amrafel var konge i Sinear, og Arjok
konge i Ellasar, og Kedorlaomer konge i Elam,
og Tideal konge yver heidningarne, 2 då hende det at
det vart ufred millom dei kongarne og Bera, kongen
i Sodoma, og Birsa, kongen i Gomorra, og Sineab,
kongen i Adma, og Semeber, kongen i Sebojim, og
kongen i Bela, som no heiter Soar. 3 Alle desse slo seg
i hop og lagde vegen til Siddimdalen, der som Saltsjøen
er no. 4 Tolv år hadde dei tent Kedorlaomer, men det
trettande året fall dei frå honom. 5 Og det fjortande
året kom Kedorlaomer og dei kongarne som var med
honom, og slo under seg refa'itarne i Asterot-Karnajim
og zuzitarne i Ham og emitarne på Kirjatajimsletta 6 og
horitarne på fjelli deira, Se'irfjelli, alt til Paranlunden,
som er utmed øydemarki. 7 So snudde dei um, og
kom til Domskjelda, der som Kades ligg, og lagde
under seg alt Amalekitarlandet og amoritarne med, dei
som budde i Haseson-Tamar. 8 Og kongen i Sodoma
og kongen i Gomorra og kongen i Adma og kongen i
Sebojim og kongen i Bela, som no heiter Soar, dei
tok ut, og fylkte heren sin imot deim i Siddimdalen, 9
mot Kedorlaomer, kongen i Elam, og Tideal, kongen
yver heidningarne, og Amrafel, kongen i Sinear, og
Arjok, kongen i Ellasar, fire kongar mot fem. 10 Men i
Siddimdalen var det fullt av jordbikgrover. Og kongarne
i Sodoma og Gomorra laut røma, og då stupte dei ned
i groverne; og dei som att var, rømde til fjells. 11 Og
hine tok alt godset i Sodoma og Gomorra og all maten
deira, og drog burt. 12 Og dei tok Lot, brorson hans
Abram, og godset hans og drog av med; for han budde
i Sodoma. 13 Men ein av deim som hadde kome seg
undan, bar bod um alt dette til Abram, hebræaren, som
budde i eikelunden åt Mamre, amoriten. Og Mamre,
han var bror åt Eskol og Aner, og dei var alle i samlag
med Abram. 14 Då no Abram høyrde at brorson hans

var fanga, tok han ut med alle sine fullrøynde sveinar,
som var fødde og fostra i huset hans, tri hundrad og
attan i talet, og sette etter deim alt til Dan. 15 Der bytte
han sund flokken sin, og tok på deim um natti med
sveinarne sine, og han vann yver deim, og elte deim
radt til Hoba, som ligg nordanfor Damaskus. 16 So
tok han att alt godset, og Lot, brorson sin, og hans
gods tok han og att, og kvendi og hitt folket med. 17
Då han so var på heimvegen og hadde vunne yver
Kedorlaomer og dei kongarne som var med honom,
kom kongen i Sodoma imot honom til Flatedal, der
som no heiter Kongsdalen. 18 Og Melkisedek, kongen
i Salem, kom ut med brød og vin. Han var prest åt Gud
den Høgste. 19 Og han velsigna honom og sagde:
«Gud den Høgste, han som eiger Jord og himmel,
signe Abram! 20 Gud den Høgste vere lova! I di hand
gav han din fiend.» Og Abram gav honom tiend av
alt. 21 Og kongen i Sodoma sagde med Abram: «Gjev
meg folket, og tak du godset!» 22 Då sagde Abram
med kongen i Sodoma: «Eg retter upp handi til Herren,
Gud den Høgste, han som eig himmel og jord: 23 Ikkje
so mykje som ein tråd eller ei skoreim tek eg imot av
det som ditt er. Du skal ikkje hava det å segja: «Eg
gjorde Abram rik.» 24 Eg vil ingen ting hava, anna enn
den maten som sveinarne hev ete, og den luten som
fell på dei mennerne som var med meg, Aner og Eskol
og Mamre; lat deim få sin lut!»

**15** Ei tid etter dette hadde hendt, kom Herrens ord
til Abram i eit syn, og det lydde so: «Ver ikkje
ottefull, Abram! Eg skal vera din skjold! Løni di skal
vera ovleg stor.» 2 Då sagde Abram: «Herre, min
Gud, kva vil du gjeva meg? Barnlaus fer eg min veg,
og den som vert eigande huset mitt, er Elieser frå
Damaskus. 3 Sjå, meg hev du ikkje gjeve noko barn, »
sagde Abram, «og rådsdrengen min kjem til å erva
meg.» 4 Men sjå: då kom Herrens ord til honom, og
det lydde so: «Nei, han skal ikkje erva deg, men ein
som er komen av ditt eige blod, skal erva deg.» 5
Og han leidde honom utanfor, og sagde: «Kjære deg,
sjå upp til himmelen og tel stjernorne, um du er god
til. So tallaus, » sagde han til honom, «skal ætti di
verta.» 6 Og Abram trudde Herren, og det rekna han
honom til rettferd. 7 Og han sagde til honom: «Eg er
Herren, som leidde deg ut frå Ur i Kaldæa, og eg vil
gjeva deg dette landet til eiga.» 8 Og Abram sagde:
«Herre, min Gud, kva vissa skal eg hava på det, at eg
skal få det til eiga?» 9 Då sagde Herren til honom:
«Henta meg ei triæringskviga og ei triæringsgeit og ein
triæringsver og ei turtelduva og ein duveunge!» 10 So
henta Abram alt dette åt honom, og skar dyri midt i
tvo, og lagde den eine luten av kvart dyr beint imot
den andre. Men fuglarne skar han ikkje sund. 11 Og
ræfuglar kom dalande ned på kjøtet, men Abram jaga
deim burt. 12 Då det so leid til at soli vilde glada, kom
det ein tung svevn på Abram, og gruv, stort myrker,
kom yver honom. 13 Og han sagde til Abram: «Det
skal du vita, at ætti di skal halda til i eit land som ikkje
er deira, og dei skal tena folket der og tola mykje
vondt av deim i fire hundrad år. 14 Men det folket
som dei lyt tena, vil eg og døma, og sidan skal dei
draga ut med mykje gods. 15 Og du skal fara i fred til
federne dine; du skal ganga i gravi i høg alder. 16 Og
i den fjorde mannsalderen skal dei koma hit att; for
endå vantar det noko på syndeskuldi åt amoritarne,
fyrr målet er fullt.» 17 No var soli gladd, og det var
stumende myrkt. Då fekk han sjå ein rjukande omn
og ein eldsloge, som for fram millom kjøtstykki. 18
Den dagen gjorde Herren ei pakt med Abram og
sagde: «Di ætt gjev eg dette landet, frå Egyptarlands-
elvi alt til den store elvi, til Fratelvi, 19 landet åt
kenitarne og kenizitarne og kadmonitarne 20 og
hetitarne og perizitarne og refa'itarne 21 og amoritarne
og kananitarne og girgasitarne og jebusitarne.»

**16** Saraj, kona hans Abram, fekk ikkje born. Men ho
hadde ei terna som var frå Egyptarland og heitte
Hagar. 2 Og Saraj sagde med Abram: «Du ser, Herren
hev meinka meg born. Kjære deg, gakk inn til terna mi!
Kann henda ho fær ein son åt meg.» Og Abram lydde
rådi hennar Saraj. 3 So tok Saraj, kona hans Abram,
og let Abram, mannen sin, få Hagar frå Egyptarland,
som var terna hennar, til kona. Då var det ti år sidan
Abram hadde slege seg ned i Kana'ans-land. 4 Og han
gjekk inn til Hagar, og ho vart med barn. Men då ho
såg at ho var med barn, vanvyrde ho matmor si. 5 Då
sagde Saraj med Abram: «Du skal svara for den urett
eg lid. Eg bad deg sjølv taka terna mi i fang, men no ho
ser at ho er med barn, vanvyrder ho meg. Herren skal
døma millom meg og deg!» 6 Då sagde Abram med
Saraj: «Terna di råder du sjølv yver. Gjer med henne
som du synest!» Sidan var Saraj hard med henne, og
ho rømde sin veg. 7 Men Herrens engel fann henne
innmed ei vatskjelda i øydemarki, den kjelda som er
frammed vegen til Sur. 8 Og han sagde: «Du Hagar,
terna hennar Saraj, kvar kjem du frå, og kvar etlar du
deg?» Og ho sagde: «Eg laut røma frå Saraj, matmor
mi.» 9 Då sagde Herrens engel til henne: «Gakk heim
att til matmor di, og bøyg deg under handi hennar!» 10
Og Herrens engel sagde til henne: «Eg vil gjeva deg ei
ætt som er endelaus: reint uteljande skal ho vera!» 11
Og Herrens engel sagde til henne: «Sjå, du er med
barn, og du skal eiga ein son. Honom skal du kalla
Ismael, av di Herren høyrde deg i naudi di. 12 Det vert
eit villasen til kar. Hans hand skal vera lyft mot alle,
og alle hender mot honom. Og midt for augo på alle

brørne sine skal han slå seg ned.» 13 Og ho nemnde
Herren, som hadde tala med henne, og sagde: «Du er
Gud, den som ser alt!» Og ho sagde: «Kann det vera
råd at eg her hev set skimten av den som all tid ser
meg!» 14 Difor kallar dei den kjelda «Kjelda åt den
som liver, og ser meg»; ho er millom Kades og Bered.
15 Og Hagar fekk ein son, og Abram kalla son sin, som
Hagar hadde fenge, Ismael. 16 Abram var seks og
åtteti år gamall, då han fekk Ismael med Hagar.

17 Då Abram var ni og nitti år gamall, synte Herren
seg for honom, og sagde til honom: «Eg er Gud
den Allvelduge. Far du fram for mi åsyn, og haldt deg
ulastande, 2 so eg kann fremja mi pakt med deg og
auka ætti di endelaust.» 3 Då kasta Abram seg å
gruve, og Gud tala med honom, og sagde: 4 «Sjå, eg
er i pakt med deg, og du skal verta far åt ein fjølde
med tjoder. 5 Dei skal ikkje lenger kalla deg Abram,
men du skal heita Abraham: til far åt ei mengd med
folkeslag vil eg gjera deg. 6 Og eg vil lata deg veksa
og aukast, so du vert til mange tjoder, kongar skal
ættast frå deg. 7 Og eg vil stadfesta mi pakt med deg
og med ætti di etter deg, frå alder til alder, ei æveleg
pakt, og vera din Gud og Gud åt ætti di etter deg. 8 Og
eg vil gjeva deg og ætti di etter deg det landet som du
held til i, heile Kana'ans-landet, til eiga i all æva, og eg
vil vera deira Gud.» 9 Og Gud sagde til Abraham: «Og
du skal halda pakti mi, både du og ætti di etter deg, frå
alder til alder! 10 Dette er pakti, som de skal halda,
millom meg og dykk og ætti di etter deg: Alt karfolk hjå
dykk skal umskjerast! 11 De skal skjera av holdet på
huva dykkar: det skal vera merket på pakti millom meg
og dykk. 12 Kvart sveinbarn hjå dykk skal umskjerast,
fyrst det er åtte dagar gamall, alder etter alder, både
dei som er fødde i huset, og dei som er kjøpte for
pengar: alle dei som er frå framande land, og ikkje er
av di ætt. 13 Umskjerast skal både dei som er fødde
i huset ditt, og dei som er kjøpte for pengarne dine!
So skal pakti mi te seg på holdet dykkar, ei æveleg
pakt! 14 Men den som ikkje er umskoren, den som
huveholdet ikkje er avskore på, den mannen skal verta
utrudd or folket sitt; han hev brote mi pakt!» 15 Og Gud
sagde til Abraham: «Saraj, kona di, skal du ikkje lenger
kalla Saraj: Sara skal ho heita. 16 Og eg vil velsigna
henne og gjeva deg ein son med henne og; velsigna
vil eg henne, og ho skal verta til mange tjoder; kongar
yver store rike skal ættast frå henne.» 17 Då kasta
Abraham seg å gruve, og log. Og han sagde med seg
sjølv: «Kann ein mann som er hundrad år gamall, få
barn? Og Sara, som er nitti år, kann ho verta mor?» 18
Og Abraham sagde til Gud: «Gjev Ismael måtte få liva
og tekkjast deg!» 19 Då sagde Gud: «Som eg hev
sagt: Sara, kona di, skal eiga ein son, og du skal kalla
honom Isak, og eg vil stadfesta pakti mi med honom,
ei æveleg pakt, med hans ætt etter honom! 20 Og um
Ismael, so hev eg og høyrt bøni di: Sjå, eg vil velsigna
honom og lata honom veksa og aukast alt meir og
meir. Tolv hovdingar skal han verta far til, og eg vil
gjera honom til eit stort folk. 21 Men pakti mi vil eg
stadfesta med Isak, som Sara skal eiga eit anna år
dette bil.» 22 So sagde han ikkje meir til honom då.
Og Gud for upp att frå Abraham. 23 Og same dagen
tok Abraham son sin, Ismael, og alle som var fødde i
huset hans, og alle som var kjøpte for pengarne hans,
alt karfolket i huset hans Abraham, og skar av holdet
på huva deira, som Gud hadde sagt med honom. 24
Abraham var ni og nitti år gamall, då huveholdet vart
avskore på honom. 25 Og Ismael, son hans, var trettan
år gamall, då huveholdet vart avskore på honom. 26
Denne same dagen vart dei umskorne, både Abraham
og Ismael, son hans. 27 Og alle karar i huset hans,
både dei som var fødde i huset, og dei framande, som
var kjøpte for pengar, dei vart umskorne med honom.

18 Sidan synte Herren seg for honom i Mamrelunden,
medan han sat i døri til tjeldbudi si, midt på
heitaste dagen: 2 Som han såg upp og skoda utyver,
fekk han sjå tri menner som stod framfyre honom.
Med same han vart var deim, sprang han imot deim
frå buddøri, og bøygde seg nedåt jordi, 3 og sagde:
«Herre, hev du noko godvilje for meg, so gjer vel og
sjå innum åt tenaren din. 4 Lat oss få henta noko vatn,
so de kann två føterne og kvila dykk her under treet. 5
So skal eg finna ein bite mat, som de kann styrkja dykk
med, fyrr de fer lenger, sidan det høver seg so at de
legg vegen um tenaren dykkar.» Og dei sagde: «Ja,
gjer som du segjer!» 6 Då skunda Abraham seg inn i
budi til Sara og sagde: «Nøyt deg og tak tri settung
fint mjøl, og knoda det, og baka kakor!» 7 Og burt til
buskapen sprang han, og tok ut ein uksekalv som var
fin og god; den let han drengen få, og han nøytte seg
og laga honom til. 8 So tok han rjome og mjølk og
kalven som drengen hadde laga til, og sette det fram
åt deim, og sjølv stod han hjå deim under treet, medan
dei åt. 9 Då sagde dei til honom: «Kvar er Sara, kona
di?» «Sjå der inni tjeldbudi er ho, » sagde Abraham.
10 Då sagde han: «Når det lid ut i årsmotet, kjem eg hit
til deg att, og då hev Sara, kona di, fenge ein son.»
Og Sara høyrde det i buddøri; for den var attanfor
honom. 11 Men Abraham og Sara var gamle og ut i åri
komne; Sara hadde det ikkje lenger so som kvendi plar
hava det. 12 Difor log Sara med seg sjølv, og tenkte:
«Skulde eg få hug, endå so gamall og skrukkut som eg
er? Og mannen min er og til års!» 13 Då sagde Herren
til Abraham: «Kvi log Sara og tenkte: «Kann dette vera

sant, at eg skal eiga barn, eg som er so gamall?»
14 Er det noko som er umogelegt for Herren? Til års
dette bil kjem eg hit til deg att, og då hev Sara ein
son.» 15 Men Sara neitta og sagde: «Eg log ikkje.»
For ho var rædd. Då sagde han: «Jau, du log.» 16
So gjorde mennerne seg ferdige og gjekk, og dei tok
leidi burtimot Sodoma; og Abraham gjekk med deim;
han vilde fylgja deim på vegen. 17 Då sagde Herren:
«Kvi skulde eg dylja for Abraham det som eg tenkjer
å gjera, 18 Abraham som skal verta far til eit stort
og sterkt folk? Alle folkeslag på jordi skal velsignast i
honom. 19 For eg kjenner honom for den mann, at
han vil segja til borni sine og til huset sitt etter seg,
at dei skal halda seg etter Herrens veg og gjera rett
og skil, so Herren kann lata det ganga fram som han
hev lova Abraham.» 20 Og Herren sagde: «Klageropet
yver Sodoma og Gomorra det er øgjelegt, og synderne
deira dei er ovleg svære. 21 No vil eg ned og sjå um
dei hev fare so ille åt som det lydest av det ropet som
hev stige upp til meg; og hev dei ikkje det, so fær eg
vita det!» 22 So snudde mennerne seg og gjekk, og dei
tok vegen til Sodoma. Men Abraham stod endå framfor
Herren. 23 Og Abraham gjekk innåt og sagde: «Vil du
då riva burt dei rettvise saman med dei gudlause? 24
Um det no var femti rettvise menner i byen? Vil du då
riva deim burt, og ikkje spara byen for deira skuld? 25
Det er ikkje di vis å fara so åt, drepa den som rettvis
er, saman med den som er gudlause, so det gjeng dei
rettvise like eins som dei gudlause. So er ikkje di vis!
Den som byter rett all jordi yver, skulde ikkje han gjera
rett!» 26 Då sagde Herren: «Finn eg i Sodoma by femti
rettvise menner, so skal eg spara heile byen for deira
skuld.» 27 Og Abraham tok til ords att og sagde: «Sjå,
eg hev våga meg til å tala til Herren min, endå eg er
mold og oska! 28 Um det no skulde vanta fem på dei
femti rettvise mennerne? Vil du då leggja heile byen i
øyde for desse fem skuld?» og han svara: «Finn eg
fem og fyrti, so skal eg ikkje øydeleggja honom.» 29
Og Abraham heldt på og tala til honom, og sagde:
«Um det no finst fyrti -?» og han svara: «Eg skal ikkje
gjera det, for dei fyrti skuld.» 30 Då sagde Abraham:
«Herren må ikkje verta vreid, um eg talar! Um det no
finst tretti -?» Og han svara: «Eg skal ikkje gjera det,
so sant eg finn tretti.» 31 Då sagde Abraham: «Sjå, eg
hev våga meg til å tala til Herren min! Um det finst
no tjuge -?» Og han svara: «Eg skal ikkje øydeleggja
byen, for dei tjuge skuld.» 32 Då sagde Abraham:
«Herren må ikkje verta vreid, um eg talar berre denne
eine gongen til! Um det finst no ti -?» Og han svara:
«Eg skal ikkje øydeleggja honom, for dei ti skuld.» 33
So gjekk Herren burt, då han hadde tala til endes med
Abraham. Og Abraham gjekk heim att til seg.

**19** Og dei tvo englarne kom til Sodoma um kvelden,
medan Lot sat i byporten. Då Lot fekk sjå deim,
reiste han seg og gjekk imot deim, og bøygde seg
nedåt jordi, 2 og sagde: «Gode herrar, gjer so vel og
ver med tenaren dykkar heim, og gjev dykk til hjå meg
i natt, og två føterne dykkar. So kann de vera tidleg
uppe i morgon og taka på vegen att.» Og dei sagde:
«Nei, me vil vera ute på torget i natt.» 3 Men han
nøydde deim so lenge til dei fylgde honom heim, og var
med honom inn. Og han gjorde eit gjestebod åt deim,
og baka søtebrød, og so åt dei. 4 Dei hadde endå ikkje
lagt seg, so kom byfolket, mennerne i Sodoma, både
unge og gamle, heile lyden, frå alle kantar, og slo ring
um huset. 5 Og dei ropa til Lot og sagde med honom:
«Kvar er dei mennerne som kom heim til deg i kveld?
Lat deim koma ut til oss, so me kann få vår vilje med
deim!» 6 Då gjekk Lot ut i døri til deim, og let hurdi att
etter seg 7 og sagde: «Kjære brør, gjer då ikkje slik ei
ugjerning! 8 Sjå, eg hev tvo døtter, som ingen kar hev
vore nær. Lat meg senda deim ut til dykk, so kann de
gjera med deim som de synest. Men desse mennerne
her, deim må de ikkje gjera noko, etter di dei hev kome
inn under skuggen av taket mitt.» 9 Men dei sagde:
«Or vegen med deg! Her kjem denne framandkaren og
fær bu her, » sagde dei, «og so gjev han seg til å døma
jamt og samt! No skal me fara verre med deg enn med
deim!» Og dei gjekk hardt inn på mannen, på Lot, og
styrmde innåt og vilde brjota sund hurdi. 10 Då rette
mennerne ut handi, og tok Lot inn i huset til seg, og
stengde att hurdi. 11 Og dei vildra syni på dei kararne
som var utfyre husdøri, både små og store, so dei
fann ikkje døri, kor mykje dei stræva. 12 Og mennerne
sagde med Lot: «Hev du elles nokon her som er skyld
deg? nokon måg? Både søner og døtter og alt ditt folk
her i byen lyt du få med deg burt. 13 For no skal me
leggja denne byen i øyde, av di eit øgjelegt klagerop
yver deim hev nått upp til Herren, og Herren hev sendt
oss på den måten at me skal øydeleggja byen.» 14 Då
gjekk Lot ut og tala til mågarne sine, deim som skulde
hava døtterne hans, og sagde: «Upp, og kom dykk
burt frå denne staden! For no vil Herren øydeleggja
byen.» Men mågarne hans tenkte at han berre vilde
narra deim. 15 Det fyrste det tok til å dagast, skunda
englarne på Lot og sagde: «Upp! Tak kona di og dei
tvo døtterne dine som er her, so du ikkje skal missa
livet for alt det vonde skuld som er gjort her i byen!»
16 Men han tøvra. Då greip mennerne honom i handi,
både honom og kona og døtterne hans, av di Herren
vilde spara honom, og dei leidde honom ut, og slepte
honom ikkje, fyrr dei var utanfor byen. 17 Då dei no
var utum byen komne, sagde han: «Vil du berga livet,
so røm! Sjå deg ikkje attende, og stana ikkje i heile

kverven! Røm upp på fjellet! elles ryk du med.» **18** Då
sagde Lot til deim: «Å nei, Herre! **19** Sjå, tenaren din
hev funne nåde hjå deg, og stor er den miskunn du
hev gjort meg, med di du hev berga livet mitt. Men upp
på fjellet kann eg ikkje nå. Ulukka kunde koma yver
meg, so eg laut døy. **20** Sjå, denne byen der er snar å
røma til, og han er so liten! Er han ikkje liten? Kjære
væne, lat meg få berga meg dit, so eg vert verande i
live!» **21** Då sagde han til honom: «Ja, eg vil gjera deg
til viljes i dette og, og ikkje søkkja ned den byen du
talar um. **22** Skunda deg og røm dit, for eg kann ingen
ting gjera, fyrr du er komen der.» Difor kallar dei den
byen Soar. **23** Soli hadde runne på fjell, då Lot kom til
Soar. **24** Då let Herren det regna svåvel og eld, frå
Herren, frå himmelen, nedyver Sodoma og Gomorra,
**25** og søkkte i kav både dei byarne og heile kverven,
med alle som i byarne budde, og alt som på vollarne
voks. **26** Og kona hans Lot såg attum seg. Då vart ho
til ein saltstein. **27** Um morgonen tidleg gjekk Abraham
til den staden han var, då han stod framfor Herren,
**28** og han skoda utyver Sodoma og Gomorra og utyver alt
landet i kverven, og då såg han - såg røyken valt upp
av jordi, som røyken av ein masomn. **29** So gjekk det
til, at då Gud øydelagde byarne på Jordan-kverven,
då kom Gud i hug Abraham, og leidde Lot midt utor
øydeleggjingi, den gongen han søkkte ned dei byarne
som Lot hadde butt i. **30** Og Lot for frå Soar upp i
fjellet, og gav seg til der, og både døtterne hans med
honom; for han torde ikkje bu i Soar. Og han budde i
ein heller, både han og døtterne hans. **31** Då sagde
den eldste dotteri til den yngste: «Far vår er gamall, og
det finst ikkje menner i landet, so dei kunde ganga til
oss, som visi er i all verdi. **32** Kom, lat oss gjeva far vår
vin å drikka og leggja oss hjå honom, so me held uppe
ætti åt far vår!» **33** So skjenkte dei far sin vin same
kvelden, og den eldste gjekk inn og lagde seg hjå far
sin. Og han hådde ikkje då ho lagde seg, og heller
ikkje då ho reis upp att. **34** Og dagen etter sagde den
eldste dotteri med den yngste: «Høyr her! I natt låg eg
med far min. Lat oss gjeva honom vin å drikka i kveld
og, og gakk du inn og legg deg hjå honom, so held
me uppe ætti åt far vår!» **35** So skjenkte dei far sin
vin den kvelden og. Og den yngste kom og lagde seg
hjå honom. Og han hådde ikkje at ho lagde seg, og
heller ikkje at ho reis upp att. **36** Og både døtterne hans
Lot vart umhender med far sin. **37** Og den eldste fekk
ein son, og kalla honom Moab. Frå honom er Moab-
folket ætta, alt til den dag i dag. **38** Og den yngste fekk
og ein son, og kalla honom Ben-Ammi. Frå honom er
Ammons-sønerne ætta, alt til den dag i dag.

**20** So flutte Abraham derifrå til Sudlandet og sette
seg ned millom Kades og Sur, og sidan heldt
han til i Gerar. **2** Og Abraham sagde um Sara, kona
si: «Ho er syster mi.» Og Abimelek, kongen i Gerar,
sende folk ut, og tok Sara. **3** Då kom Gud um natti til
Abimelek i draume, og sagde til honom: «No lyt du
døy, for di du hev teke denne kvinna; for ho er ei gift
kona.» **4** Men Abimelek hadde ikkje vore nær henne.
Og han sagde: «Herre, vil du då drepa rettvise folk
og? **5** Sagde han ikkje sjølv med meg: «Ho er syster
mi»? Og ho, ho sagde og: «Han er bror min.» Med
skuldlaust hjarta og reine hender gjorde eg dette.» **6**
Då sagde Gud til honom i draume: «Ja, eg veit at du
gjorde det med skuldlaust hjarta, og det var eg sjølv
som heldt deg ifrå å synda mot meg, med di eg ikkje
let deg få røra henne. **7** Lat no du mannen få att kona
si; for han er ein gudsmann - so bed han for deg, og
då fær du liva. Men gjev du henne ikkje ifrå deg, so
må du vita at du skal døy, både du og alle dine.» **8**
Um morgonen tidleg reis Abimelek upp og kalla kring
seg alle mennerne sine og sagde alt dette med deim,
og kararne vart ovleg rædde. **9** Og Abimelek kalla til
seg Abraham, og sagde med honom: «Kvi gjorde du
dette mot oss? Kva vondt hadde eg gjort deg, sidan
du vilde leggja so stor ei synd på meg og riket mitt?
Du hev fare åt imot meg som ingen skulde fara åt! **10**
Kva meinte du med det at du gjorde dette?» sagde
Abimelek med Abraham. **11** Då sagde Abraham: «Eg
tenkte det: «Dei hev visst ingen age for Gud i dette
landet; dei kjem til å drepa meg for kona skuld.» **12**
Og so er ho og i røyndi syster mi, dotter åt far min,
men ikkje dotter åt mor mi. Og ho vart kona mi. **13** Og
då Gud let meg fara frå heimen min ut i vide verdi,
då sagde eg med henne: «Dette lyt du gjera for mi
skuld: kvar me kjem helst, so seg um meg: «Han er
bror min.»»» **14** So tok Abimelek både sauer og naut
og drengjer og gjentor og gav Abraham, og let honom
få att Sara, kona si. **15** Og Abimelek sagde: «Sjå, her
hev du landet mitt fyre deg; bu der du helst vil!» **16**
Og med Sara sagde han: «Sjå, her gjev eg bror din
tusund sylvdalar. Det skal vera ei ærebot for deg hjå
alle som er med deg, so kvar og ein kann sjå du er
saklaus.» **17** So bad Abraham til Gud for deim, og Gud
lækte Abimelek og kona hans og ternorne hans, so dei
fekk born. **18** For Herren hadde heiltupp stengt kvart
morsliv i huset åt Abimelek for Sara skuld, kona hans
Abraham.

**21** Og Herren såg til Sara, som han hadde sagt,
og Herren gjorde for Sara det som han hadde
lova. **2** Og Sara vart med barn, og fekk ein son med
Abraham på hans gamle dagar, den tid som Gud
hadde nemnt. **3** Og Abraham kalla son sin, den som
Sara hadde fenge, Isak. **4** Og Abraham umskar Isak,
son sin, då han var åtte dagar gamall, som Gud hadde

sagt honom fyre. 5 Abraham var hundrad år gamall,
då Isak, son hans, kom til verdi. 6 Og Sara sagde:
«Gud hev laga det, so eg lyt læ; og alle som høyrer
det, kjem til å læ åt meg. 7 Kven skulde vel tenkt seg
og sagt det med Abraham, at Sara skulde leggja eit
barn til brjostet?» sagde ho, «og no på hans gamle
dagar hev eg fenge ein son!» 8 Og sveinen voks upp,
og ho vande honom av, og Abraham gjorde eit stort
gjestebod den dagen Isak vart avvand. 9 Og Sara såg
at son åt Hagar frå Egyptarland, han som ho hadde
fenge med Abraham, ståka og log. 10 Då sagde ho
med Abraham: «Du skal jaga den terna der og son
hennar! For ikkje skal son åt denne terna erva i hop
med min son, med Isak.» 11 Dei ordi gjorde Abraham
hjarteleg ilt for sonen skuld. 12 Men Gud sagde til
Abraham: «Du skal ikkje hava hugilt for sveinen skuld
eller terna skuld! Lyd du Sara i alt ho segjer til deg. For
etter Isak skal ætti di heita. 13 Og sonen åt terna vil
eg og gjera til eit heilt folk, etter di han er ditt barn.»
14 Morgonen etter reis Abraham tidleg upp, og tok
fram brød og ei hit med vatn; det gav han Hagar, og
lagde det på herdarne hennar; og han let henne få
sveinen, og bad henne fara. So gjekk ho sin veg, og
vingla umkring i Be'erseba-heidi. 15 Og vatnet traut
i hiti. Då lagde ho sveinen ned under ein runne, 16
og sjølv gjekk ho eit stykke burt, som eit bogeskot på
lag, og sette seg der. «Eg vil ikkje sjå på at sveinen
døyr, » tenkte ho; difor sette ho seg eit stykke ifrå, og
ho brast i og gret. 17 Men Gud høyrde sveinen øya
seg, og Guds engel ropa frå himmelen til Hagar og
sagde til henne: «Kva vantar deg, Hagar? Du tarv ikkje
ottast! For Gud høyrde sveinen øya seg der han er.
18 Reis deg, lyft sveinen upp, og haldt honom fast i
handi; eg vil gjera honom til eit stort folk.» 19 Og Gud
opna augo hennar, so ho såg ein brunn; so gjekk ho
dit, og fyllte hiti med vatn, og gav sveinen drikka. 20
Og Gud var med sveinen, og han voks upp, og budde
i øydemarki, og då han tok til å mannast, vart han
bogeskyttar. 21 Han slo seg ned i Paranheidi, og mor
hans fann ei kona åt honom frå Egyptarland. 22 I same
tidi hende det at Abimelek og Pikol, som var hovding
yver heren hans, kom og sagde med Abraham: «Gud
er med deg i alt det du gjer. 23 So sver meg no her ved
Gud, at du ikkje vil fara med svik mot meg eller mot
borni og barneborni mine: liksom eg hev gjort vel imot
deg, so skal du gjera vel imot meg og mot det landet
du hev fenge tilhald i.» 24 Og Abraham sagde: «Ja,
det skal eg sverja på!» 25 Og Abraham kjærde seg
for Abimelek yver den brunnen som drengjerne hans
Abimelek hadde rana til seg. 26 Då sagde Abimelek:
«Eg veit ikkje kven som hev gjort dette. Ikkje hev du
sagt meg det, og ikkje hev eg høyrt det heller fyrr no
i dag.» 27 So tok Abraham både sauer og naut og
gav Abimelek, og dei gjorde ei semja seg imillom.
28 Og Abraham sette sju gimberlamb av fenaden for
seg sjølve. 29 Då sagde Abimelek med Abraham:
«Kva tyder det at du hev sett desse sju lambi for seg
sjølve?» 30 «Desse sju lambi skal du hava av meg,
» svara han; «det skal vera til vitnemål for meg, at
eg hev grave denne brunnen.» 31 Difor kalla dei den
staden Be'erseba. For der gjorde dei båe eiden. 32 So
gjorde dei då ei semja i Be'erseba. Og Abimelek og
Pikol, hovdingen yver heren hans, tok ut og for heim
att til Filistarlandet. 33 Og Abraham sette ei tamariska
i Be'erseba, og der kalla han på Herren, ævordoms
Gud. 34 Og Abraham heldt lenge til i Filistarlandet.

**22** Ei tid etter dette hadde gjenge fyre seg, hende
det at Gud vilde røyna Abraham. Og han sagde
til honom: «Abraham!» Og Abraham svara: «Ja, her
er eg.» 2 Då sagde han: «Tak no son din, din
einberningsson, honom som du held so av, Isak,
og far til Morialand; der skal du gjera eit brennoffer
og ofra honom på eit av fjelli, som eg skal segja
deg.» 3 Morgonen etter reis Abraham tidleg upp, og
klyvja asnet sitt, og tok med seg tvo av drengjerne
sine og Isak, son sin. Og då han hadde kløyvt ved
til brennofferet, gav han seg på vegen, og gjekk til
den staden som Gud hadde sagt. 4 Tridje dagen då
Abraham skoda kring seg, såg han staden han skulde
til, langt burte. 5 Då sagde Abraham til drengjerne
sine: «Ver no de her hjå asnet. Eg og sveinen, me vil
ganga dit burt og beda, og so kjem me hit til dykk att.»
6 So tok Abraham offerveden og lagde på Isak, son
sin, og sjølv tok han elden og kniven i handi, og so
gjekk dei tvo eine. 7 Då sagde Isak med Abraham, far
sin: «Du far!» sagde han. Og han sagde: «Ja, barnet
mitt!» «Sjå, her er elden og veden, » sagde Isak, «men
kvar er lambet som me skal ofra?» 8 Og Abraham
sagde: «Gud veit nok råd til eit offerlamb, barnet mitt.»
Og so gjekk dei tvo eine. 9 Då dei so kom til den
staden som Gud hadde sagt, då bygde Abraham eit
altar og lagde veden til rettes. So batt han Isak, son
sin, og lagde honom på altaret, ovanpå veden. 10 Og
Abraham rette ut handi og tok kniven, og vilde ofra son
sin. 11 Då ropa Herrens engel til honom frå himmelen
og sagde: «Abraham, Abraham!» Og han svara: «Ja,
her er eg.» 12 Då sagde han: «Legg ikkje hand på
sveinen, og gjer honom ikkje noko! For no veit eg at
du hev age for Gud, sidan du ikkje ein gong sparde din
einberningsson for mi skuld.» 13 Då Abraham skoda
kring seg, fekk han auga på ein ver, som hekk fast
etter horni i kjørri attanfor honom. So gjekk Abraham
dit og tok veren, og ofra honom i staden for son sin. 14
Og Abraham kalla den staden: «Herren veit råd». Difor

segjer dei den dag i dag: «På Herrens fjell veit dei
råd.» 15 Og Herrens engel ropa endå ein gong frå
himmelen til Abraham 16 og sagde: «Ved meg sjølv
sver eg, » segjer Herren: «for di du gjorde dette, og
ikkje ein gong sparde din einberningsson, 17 so skal
eg storom velsigna deg og auka ætti di endelaust,
som stjernorne på himmelen og sanden på havsens
strand. Di ætt skal taka borgerne frå sine fiendar, 18
og i di ætt skal alle folk på jordi velsignast, for di du
lydde etter ordi mine.» 19 So gjekk Abraham attende til
drengjerne sine, og dei tok på heimvegen, og fylgdest
åt til Be'erseba. Og Abraham vart buande i Be'erseba.
20 Ei tid etter dette hadde hendt, kom det ein og sagde
med Abraham: «Nahor, bror din, og Milka hev og fenge
born: 21 Us, som er eldst, og Buz, bror hans, og
Kemuel, far til Aram, 22 og Kesed og Haso og Pildas
og Jidlaf og Betuel.» 23 Og Betuel var far åt Rebekka.
Desse åtte sønerne fekk Nahor, bror åt Abraham, med
Milka. 24 Og med fylgjekona si, ho heitte Re'uma, fekk
han og born; det var Tebah og Gaham og Tahas og
Ma'aka.

**23** Alderen hennar Sara vart hundrad og sju og
tjuge år; det var liveåri hennar Sara. 2 Og Sara
døydde i Arbabyen, som no heiter Hebron, i Kana'ans-
land. Og Abraham gjekk heim og øya og gret yver
Sara. 3 Sidan reis Abraham upp, og gjekk burt ifrå
liket, og han tala til Hets-sønerne og sagde: 4 «Ein
framand er eg imillom dykk, ein utlending. Lat meg få
ein gravstad til eiga hjå dykk, so eg kann få gøyma
henne som eg hev mist.» 5 Då svara Hets-sønerne
Abraham og sagde med honom: 6 «Høyr her, gode
herre! Ein gjæv hovding er du imillom oss. I den beste
av graverne våre kann du jorda henne som du hev
mist. Ingen av oss skal meinka deg gravi si til å jorda
henne i.» 7 Då reiste Abraham seg, og bøygde seg for
landslyden, for Hets-sønerne, 8 og so tala han til deim
og sagde: «Samtykkjer de det, at eg gøymer henne
som eg hev mist, so gjer vel og tel for Efron, son åt
Sohar, 9 at han let meg få Makpelahelleren, som han
eig, og som ligg i utkanten av gjordet hans. Han skal
få gode pengar for honom, er so han vil selja meg
honom, her midt imillom dykk, til eigande gravstad.»
10 Men Efron sat midt imillom Hets-sønerne, og Efron,
hetiten, svara Abraham, so dei høyrde på det, Hets-
sønerne, alle dei som sokna til tingstaden hans, og
sagde: 11 «Nei, høyr her, gode herre! Det gjordet gjev
eg deg, og helleren som er der, den gjev eg deg og,
for augo åt landsmennerne mine gjev eg deg honom.
Jorda du henne som du hev mist!» 12 Då bøygde
Abraham seg for landslyden, 13 og han tala til Efron,
so landslyden høyrde på det, og sagde: «Gjev du vilde
høyra på meg! Eg legg det som gjordet er verdt. Tak
imot det av meg, so eg der kann få jorda henne som
eg hev mist!» 14 Og Efron svara Abraham og sagde
med honom: 15 «Høyr her, gode herre! Eit jordstykke,
som er verdt fire hundrad sylvdalar, kva er det millom
meg og deg? Jorda du henne som du hev mist!» 16
Og Abraham merkte seg ordi hans Efron, og Abraham
vog upp åt Efron det sylvet han hadde tala um medan
Hets-sønerne høyrde på det, fire hundrad sylvdalar, av
deim som gjekk og galdt millom kjøpmennerne. 17
Og gjordet hans Efron i Makpela, som ligg austanfor
Mamre, både gjordet og helleren som der var, og alle
dei tre som på gjordet voks, so vidt det rokk rundt
ikring, vart skøytt 18 til Abraham, so dei såg på det,
Hets-sønerne, alle dei som sokna til tingstaden hans.
19 Sidan jorda Abraham Sara, kona si, i helleren på
Makpelagjordet, austanfor Mamre, der Hebron no ligg,
i Kana'ans-land. 20 Og gjordet med helleren som var
der, kom frå Hets-sønerne yver på Abrahams hender,
so han fekk det til eigande gravstad.

**24** Abraham var gamall og langt uti åri. Men Herren
hadde velsigna honom i eitt og alt. 2 Og Abraham
sagde med tenaren sin, han som var den eldste i
huset og rådde yver alt det han åtte: «Kjære deg,
legg handi di i fanget mitt, 3 so vil eg taka ein eid
av deg ved Herren, som er Gud i himmelen og Gud
på jordi, at du ikkje skal lata son min gifta seg med
nokor av døtterne åt Kana'ans-folket, som eg bur i
lag med; 4 men til heimlandet mitt og til mitt eige folk
skal du fara og festa ei kona åt Isak, son min.» 5 Då
sagde tenaren med honom: «Men um no ikkje ho vil
fylgja meg hit til dette landet, skal eg då taka son din
attende til det landet som du er komen ifrå?» 6 Og
Abraham svara: «Vara deg, so du ikkje fer dit att med
son min! 7 Herren, Gud i himmelen, som tok meg ut
or farshuset mitt og fødesheimen min, og som tala til
meg, og svor meg til og sagde: «Di ætt vil eg gjeva
dette landet» - han skal senda sin engel fyre deg, so
du der finn ei kona åt son min. 8 Men vil ikkje ho fylgja
deg, so skal du vera løyst ifrå eiden, berre far ikkje dit
att med son min!» 9 Då lagde tenaren handi si i fanget
åt Abraham, husbonden sin, og svor honom eiden
på dette. 10 So tok tenaren ti kamelar, av deim som
husbonden hans åtte, og for av garde, og med seg
hadde han alle slag gilde ting, som høyrde husbonden
hans til; og han tok ut, og for til Mesopotamia, til byen
hans Nahor. 11 Og han let kamelarne leggja seg ned
utanfor byen, innmed vatsbrunnen; det var i kveldingi,
det bilet då kvendi plar koma ut og henta vatn. 12
Og han sagde: «Herre, du som er Gud åt Abraham,
husbonden min, å, lat det laga seg godt for meg i dag,
og gjer vel imot Abraham, husbonden min! 13 Sjå, no
stend eg her innmed vatskjelda, medan døtterne åt

bymennerne kjem ut etter vatn. 14 Lat det då vera
so, at den møyi som eg segjer dette med: «Kjære
væne, halla på krukka di, og lat meg få drikka!» og
som svarar: «Drikk du, og kamelarne dine skal eg
og gjeva drikka!» - at ho er den du hev etla åt Isak,
tenaren din, og på det skal eg skyna at du vil gjera
vel mot husbonden min!» 15 Og sjå: fyrr han hadde
tala til endes, bar det so til at Rebekka, dotter hans
Betuel, son åt Milka og Nahor, bror hans Abraham,
kom ut, med krukka si på oksli. 16 Det var ei ovvæn
gjenta, ei ungmøy, som ingen kar hadde vore nær. Ho
gjekk ned til kjelda, og fyllte krukka si, og kom upp att.
17 Då sprang tenaren imot henne og sagde: «Kjære
væne, lat meg få drikka litt vatn av krukka di!» 18 Og
ho sagde: «Drikk, gode herre!» og ho skunda seg og
tok krukka si ned i handi og gav honom drikka. 19
Og då han hadde drukke seg utyrst, sagde ho: «No
skal eg henta vatn åt kamelarne dine og, til dei fær
nøgdi si.» 20 So nøytte ho seg og tømde krukka i
troi, og sprang so burt til brunnen att etter vatn, og ho
brynnte alle kamelarne hans. 21 Og mannen stirde
på henne og tagde; han vilde sjå, um Herren let ferdi
hans lukkast, eller ikkje. 22 Då so kamelarne hadde
drukke, tok mannen fram ein gullring, som vog ein
halvt lodd, og tvo gullband, som ho skulde hava kring
armarne; dei vog ti lodd. 23 Og han sagde: «Kven er
du dotter åt? Kjære deg, seg meg det! Hev far din rom
til å hysa oss i natt?» 24 Og ho svara: «Eg er dotter
hans Betuel, son åt Nahor og Milka. 25 Me hev fullt
upp både av halm og for, » sagde ho til honom, «og
husrom for dykk hev me og.» 26 Då lagde mannen
seg på kne, og takka Herren og sagde: 27 «Lova vere
Herren, Gud åt Abraham, husbonden min! Han hev
ikkje gløymt sin nåde og truskap mot husbonden min.
Herren hev leidt meg rette vegen fram til brorfolket åt
husbonden min!» 28 Men møyi sprang heim til mor si
og fortalde alt dette. 29 Rebekka hadde ein bror som
heitte Laban. Og Laban sprang ut til kjelda, til mannen:
30 då han fekk sjå ringen og gullbandi som syster hans
hadde kring armarne, og då han høyrde Rebekka,
syster hans, sagde: «Det og det sagde mannen med
meg, » so gjekk han og vilde finna mannen, og sjå: der
stod han hjå kamelarne attmed kjelda. 31 Då sagde
han: «Kom inn, du som Herren hev velsigna so rikleg!
Kvi stend du her ute? Og eg hev skipa i huset og stelt
til rom åt kamelarne!» 32 So gjekk mannen inn i huset,
og klyvja av kamelarne; og hin kom med halm og for åt
kamelarne, og med vatn åt honom og deim som var
med honom, til å två føterne i. 33 Og dei sette fram
mat åt honom; men han sagde: «Eg vil ikkje eta fyrr eg
hev bore upp målemnet mitt.» «Seg fram!» sagde hin.
34 Då sagde han: «Eg er tenaren hans Abraham. 35
Herren hev storleg velsigna husbonden min, so han
hev vorte rik; han hev gjeve honom sauer og naut, og
sylv og gull, og drengjer og gjentor, og kamelar og
asen. 36 Og Sara, kona åt husbonden min, åtte ein
son på sine gamle dagar; honom hev han gjeve alt det
han eig. 37 Og husbonden min tok ein eid av meg
og sagde: «Du skal ikkje lata son min gifta seg med
nokor av døtterne åt Kana'ans-folket, som eg bur i lag
med. 38 Men til farshuset mitt skal du fara, og til mi
eigi ætt, og festa ei kona åt son min.» 39 Då sagde
eg til husbonden min: «Men um no ikkje ho vil fylgja
meg?» 40 Og han sagde med meg: «For Herrens åsyn
hev eg ferdast; han skal senda sin engel med deg og
lata ferdi di lukkast, so du finn ei kona åt son min av
mi eigi ætt og i farshuset mitt. 41 Då skal du vera løyst
ifrå eiden, når du kjem til mi eigi ætt; og vil dei ikkje
gjeva deg henne, so er du og løyst ifrå eiden.» 42 So
kom eg då i dag til kjelda, og eg sagde: «Herre, du
som er Gud åt Abraham, husbonden min! Å vilde du
lata ferdi mi lukkast for meg! 43 Sjå no stend eg her
innmed vatskjelda; lat det då vera so: når det kjem ei
møy ut etter vatn, og eg segjer med henne: «Kjære
væne, lat meg få drikka litt vatn av krukka di, » 44 og
ho då segjer med meg: «Drikk du, og til kamelarne
dine skal eg og henta vatn, » so er ho det vivet som
Herren hev etla åt son til husbonden min.» 45 Fyrr
eg fekk sagt alt det eg hadde på hjarta, sjå, då kom
Rebekka ut, med krukka si på oksli, og ho gjekk ned til
kjelda og auste upp vatn. Og eg sagde med henne:
«Kjære væne, lat meg få drikka!» 46 Då skunda ho
seg og tok krukka si ned av oksli, og sagde: «Drikk du,
og kamelarne dine skal eg og gjeva drikka.» So drakk
eg, og kamelarne gav ho og vatn. 47 Og eg spurde
henne: «Kven er du dotter åt?» «Dotter hans Betuel,
son åt Nahor og Milka, » sagde ho. Då sette eg ringen
i nosi hennar, og gullbandi på armarne hennar. 48 Og
eg lagde meg på kne og takka Herren, og eg lova
Herren, Gud åt Abraham, husbonden min, for di han
hadde styrt meg på rette vegen til å finna brordotter åt
husbonden min for son hans. 49 Vil de no vera snilde
og trugne mot husbonden min, so seg meg det, og vil
de ikkje, so seg meg det, so eg kann venda meg på ei
onnor leid!» 50 Då svara Laban og Betuel og sagde:
«Dette kjem frå Herren! Me kann ingen ting segja deg,
korkje vondt eller godt. 51 Sjå her hev du Rebekka!
Tak henne og far heim att, og lat son åt husbonden
din få henne til kona, som Herren hev sagt.» 52 Då
tenaren hans Abraham høyrde dei ordi, lagde han
seg å gruve og takka Herren. 53 Og tenaren tok fram
sylvty og gullty og væne klæde og gav Rebekka, og
mor hennar og bror hennar gav han og gode gåvor. 54
So åt dei og drakk, han og dei mennerne som var med

honom, og dei var der um natti. Men då dei reis upp
um morgonen, sagde han: «Lat meg få fara heim att til
husbonden min!» **55** Då sagde bror hennar og mor
hennar: «Lat møyi få drygja eit bil hjå oss, ei åtte ti
dagar; sidan kann du fara!» **56** Men han sagde med
deim: «Heft meg ikkje, no Herren hev late ferdi mi
lukkast! Lat meg få taka i vegen og fara heim att til
husbonden min!» **57** Då sagde dei: «Me skal ropa
på møyi og spyrja henne sjølv!» **58** So ropa dei på
Rebekka og sagde med henne: «Vil du fara med denne
mannen?» «Ja, det vil eg, » sagde ho. **59** So bad dei
vel fara med Rebekka, syster si, og fostermor hennar,
og med tenaren hans Abraham og mennerne hans. **60**
Og dei velsigna Rebekka og sagde med henne: «Du
syster vår, måtte du verta til tusund gonger titusund.
Og måtte ætti di borgern' ifrå sine uvener taka!» **61**
Og Rebekka og møyarne hennar ferda seg til, og
steig på kamelarne, og fylgde mannen. Og tenaren tok
Rebekka med seg og for av garde. **62** Isak var nyst
heimkomen: han hadde vore burt til «Kjelda åt den
som liver, og ser meg»; for han budde i Sudlandet. **63**
Og Isak gjekk ute på marki og lengta, medan det for
til å kvelda. Og då han såg upp og skoda kring seg,
sjå, då kom der kamelar. **64** Og Rebekka såg upp,
og gådde Isak. Då sprang ho ned av kamelen, **65** og
sagde til tenaren: «Kven er denne mannen som kjem
imot oss på marki?» «Det er husbonden min, » sagde
tenaren. Då tok ho sløret og hadde attfor andlitet. **66**
So fortalde tenaren Isak alt det han hadde gjort. **67** Og
Isak leidde henne inn i den tjeldbudi som Sara, mor
hans, hadde havt, og tok Rebekka heim til seg, og ho
vart kona hans, og han heldt henne kjær. So fekk Isak
trøyst i sorgi yver mor si.

**25** Og Abraham tok seg ei kona att; ho heitte Ketura.
**2** Med henne fekk han Simran og Joksan og
Medan og Midjan og Jisbak og Suah. **3** Og Joksan var
far til Sjeba og Dedan. Og sønerne hans Dedan var
Assurar og Letusar og Leummar. **4** Og sønerne hans
Midjan var Efa og Efer og Hanok og Abida og Elda'a.
Alle desse var borni hennar Ketura. **5** Abraham gav
Isak alt det han åtte. **6** Men sønerne åt fylgjekonorne
sine gav Abraham gåvor og let deim flytja burt frå Isak,
son sin, og taka austetter, til Austerland, medan han
endå livde. **7** Og dette er dagarne hans Abraham og
den alderen han nådde: hundrad og fem og sytti år. **8**
Og Abraham sålast og døydde etter ein god alderdom,
gamall og mett av dagar, og kom til federne sine.
**9** Og Isak og Ismael, sønerne hans, jorda honom i
Makpelahelleren, på gjordet hans Efron, son åt Sohar,
hetiten, austanfor Mamre, **10** det gjordet som Abraham
hadde kjøpt av Hets-sønerne. Der vart Abraham og
Sara, kona hans, jorda. **11** Men då Abraham var
slokna, gav Gud velsigningi si til Isak, son hans. Og
Isak, han budde attmed «Kjelda åt den som liver,
og ser meg». **12** Dette er ættartalet åt Ismael, son
hans Abraham, han som Abraham fekk med Hagar
frå Egyptarland, terna hennar Sara. **13** Og dette er
namni på sønerne hans Ismael, dei namni som er
i ættarsoga deira: Nebajot, det var eldste son hans
Ismael, og Kedar og Adbe'el og Mibsam **14** og Misma
og Duma og Massa **15** og Hadar og Tema og Jetur og
Nafis og Kedma. **16** Dette var sønerne hans Ismael,
og dette var namni deira, med grenderne og lægri
deira, tolv ættarhovdingar. **17** Og dette er liveåri hans
Ismael: hundrad og sju og tretti år. Og han sålast og
døydde, og kom til federne sine. **18** Og dei budde frå
Havila til Sur, som ligg midt for Egyptarland, når du tek
leidi mot Assur. Midt for augo åt alle brørne sine slo
han seg ned. **19** Dette er ættarsoga hans Isak, son åt
Abraham: **20** Abraham var far åt Isak. Og Isak var fyrti
år gamall, då han gifte seg med Rebekka, dotter åt
Betuel, aramæaren frå Mesopotamia, syster åt Laban,
aramæaren. **21** Og Isak bad til Herren for Rebekka,
kona si, av di ho var barnlaus. Og Herren høyrde bøni
hans, og Rebekka, kona hans, vart umhender. **22** Men
borni drogst i livet hennar. Då sagde ho: «Er det so,
kvi skal eg då vera til?» Og ho gjekk av stad og spurde
Herren. **23** Og Herren sagde til henne: «I livet ditt er
lydar tvo, Tvo folk skal frå ditt fang seg greina; Eitt
folk er sterkare enn hitt. Den eldre skal den yngre
tena!» **24** Då so tidi hennar kom, at ho skulde eiga
barn, sjå, då var det tvillingar i livet hennar. **25** Og den
som kom fyrst, var raud, og loden yver allan, som ein
feld; so kalla dei honom Esau. **26** Og då bror hans
kom, heldt han med handi i hælen på Esau. So kalla
dei honom Jakob. Då dei kom til verdi, var Isak seksti
år gamall. **27** Og sveinarne voks upp, og Esau vart
ein glup veidemann, og heldt til i skog og mark; men
Jakob var ein mild og fredsam kar, og heldt seg heime,
attmed tjeldbuderne. **28** Og Isak tykte gildast um Esau,
for han åt gjerne vilt; men Rebekka tykte gildast um
Jakob. **29** Ein gong koka Jakob ein velling; då kom
Esau heim av skogen, og var trøytt og mod. **30** Og
Esau sagde med Jakob: «Å lat meg få gløypa i meg
noko av det raude, dette raude der; eg er reint kvitt!»
Difor kallar dei honom Edom. **31** Då sagde Jakob: «Sel
meg fyrst odelen din!» **32** Og Esau sagde: «Du ser,
eg er åt og skal døy; kva skal eg då med odelen?»
**33** «Gjer fyrst eiden på det!» sagde Jakob. So gjorde
Esau eiden på det, og selde odelen sin til Jakob. **34**
Og Jakob gav Esau brød og linsevelling, og han åt,
og drakk, og reis upp, og gjekk sin veg. So lite vyrde
Esau odelen.

**26** Og det kom eit uår, so det vart stor naud i landet,
liksom fyrre gongen, medan Abraham livde. Då
for Isak til Gerar, til Abimelek, filistarkongen. **2** Og
Herren synte seg for honom og sagde: «Far ikkje ned
til Egyptarland! Bu i det landet som eg segjer deg!
**3** Hald til i dette landet! Eg skal vera med deg og
velsigna deg; for deg og ætti di vil eg gjeva alle desse
landi; eg vil halda den eiden eg svor Abraham, far
din. **4** Og eg vil lata ætti di aukast, so ho vert som
stjernorne på himmelen, og eg vil gjeva ætti di alle
desse landi, og i di ætt skal alle folk på jordi velsignast,
**5** for di Abraham lydde meg, og heldt alt det eg vilde
han skulde halda, bodi og fyresegnerne og loverne
mine.» **6** So vart Isak buande i Gerar. **7** Og mennerne
der i bygdi spurde honom ut um kona hans. Då sagde
han: «Ho er syster mi.» For han torde ikkje segja at
ho var kona hans; han var rædd mennerne i bygdi
kunde slå honom i hel for Rebekka skuld, av di ho
var so væn. **8** Men då han hadde vore der eit bil,
bar det so til, at Abimelek, filistarkongen, skvatta ut
igjenom vindauga og fekk sjå at Isak heldt gaman med
Rebekka, kona si. **9** Og Abimelek kalla Isak til seg og
sagde: «No ser me ho er kona di! Kvi sagde du då
at ho var syster di?» «Eg tenkte eg kunde koma til å
missa livet for hennar skuld, » svara Isak. **10** Då sagde
Abimelek: «Kva er det du hev gjort imot oss! Kor lett
kunde ikkje det ha hendt, at einkvar av folket hadde
lege med kona di, og då hadde du lagt ei stor synd på
oss.» **11** Sidan tala Abimelek til alt folket og lyste ut
dei ordi: «Den som rører denne mannen eller kona
hans, han skal lata livet.» **12** Isak sådde der i landet,
og det året fekk han hundrad foll; for Herren velsigna
honom. **13** Og mannen tok til å verta rik, og vart rikare
og rikare, til han var ovrik. **14** Han hadde mykje bufe,
både smått og stort, og mange drengjer, og filistarane
vart ovundsjuke på honom. **15** Og alle dei brunnar som
drengjerne åt far hans hadde grave medan Abraham,
far hans, livde, deim kasta filistarane att, og fyllte deim
med jord. **16** Og Abimelek sagde med Isak: «Flyt
burt ifrå oss! du hev vorte for stor for oss.» **17** So
flutte Isak burt, og lægra i Gerardalen, og der vart han
buande. **18** Og Isak grov upp att dei brunnarne som
dei hadde grave medan Abraham, far hans, livde, og
som filistarane hadde fyllt att då Abraham var burte, og
han kalla deim det same som far hans hadde kalla
deim. **19** Og drengjerne hans Isak grov der i dalen, og
fann ei vatsådr. **20** Då tok hyrdingarne frå Gerar til å
trætta med hyrdingarne hans Isak, og sagde: «Det
er vårt vatn.» Og Isak kalla den brunnen Esek, av
di dei hadde dregest med honom. **21** Sidan grov dei
ein annan brunn. Den trætta dei og um, og han kalla
honom Sitna **22** So flutte han burt derifrå, og grov
ein ny brunn. Den trætta dei ikkje um, og han kalla
honom Rehobot, og sagde: «No hev Herren gjort det
romt for oss, so me kann veksa i landet.» **23** Sidan
for han derifrå upp til Be'erseba. **24** Og same natti
synte Herren seg for honom, og sagde: «Eg er Gud åt
Abraham, far din. Ver ikkje rædd, eg er med deg; eg
skal velsigna deg og lata ætti di aukast for Abraham
skuld, han som var tenaren min.» **25** So bygde han
eit altar der, og kalla på Gud. Og der sette han upp
tjeldbudi si, og drengjerne hans grov ein brunn. **26**
Sidan kom Abimelek til honom frå Gerar med Ahusat,
venen sin, og Pikol, herhovdingen sin. **27** Då sagde
Isak med deim: «Kvi kjem de hit til meg, de som hev
hata meg og jaga meg burt ifrå dykk?» **28** Og dei
svara: «Me ser det grant at Herren er med deg, og no
segjer me: «Kom, lat oss sverja ein eid oss imillom,
me og du, og lat oss få gjera ei semja med deg, **29**
at du ikkje skal gjera oss noko vondt, liksom heller
ikkje me rørde deg, men berre gjorde vel imot deg,
og let deg fara i fred.» No er du den som Herren hev
velsigna.» **30** So gjorde han eit gjestebod for deim,
og dei åt og drakk. **31** Og tidleg um morgonen reis
dei upp, og gjorde eiden åt kvarandre. Sidan bad Isak
farvel med deim, og dei for burt ifrå honom i fred. **32**
Same dagen hende det at drengjerne hans Isak kom
og sagde frå um den brunnen dei hadde grave. «No
hev me funne vatn!» sagde dei med honom. **33** Og
han kalla brunnen Sjib'a. Difor heiter byen Be'erseba
den dag i dag. **34** Då Esau var fyrti år gamall, gifte han
seg med Jehudit, dotter åt ein hetit som heitte Be'eri,
og med Basmat, dotter åt ein annan hetit, som heitte
Elon. **35** Og det vart ei hjartesorg for Isak og Rebekka.

**27** Då Isak var gamall vorten, og tok til å dimmast
på syni, so han ikkje kunde skilja, då kalla han til
seg Esau, eldste son sin, og sagde: «Du son min!» Og
Esau svara: «Ja, her er eg!» **2** Då sagde han: «No er
eg gamall vorten og veit ikkje kva dag eg kann døy. **3**
Tak no du veidegogni di, pilehuset og bogen, og gakk
ut i marki, og veid meg noko vilt, **4** og laga ein god
rett åt meg, soleis som du veit eg likar det, og kom so
inn til meg med det; då vil eg eta, so sjæli mi kann få
velsigna deg, innan eg døyr.» **5** Og Rebekka lydde
på at Isak tala til Esau, son sin. So gjekk Esau ut i
marki og vilde veida noko vilt og hava med seg heim.
**6** Då sagde Rebekka med Jakob, son sin: «Høyr her!»
sagde ho, «eg lydde på at far din tala til Esau, bror
din, og sagde: **7** «Kom heim med noko vilt, og laga
ein god rett åt meg, so eg fær eta; då vil eg velsigna
deg for Herrens åsyn, innan eg døyr.» **8** Lyd no du
meg, son min, og gjer som eg segjer deg fyre. **9** Gakk
burt i buflokken, og tak tvo gode kidungar, so skal
eg laga ein god rett av deim åt far din, soleis som

eg veit han likar det, 10 og du skal ganga inn til far
din med det, so han fær eta og kann velsigna deg,
fyrr han døyr!» 11 Då sagde Jakob med Rebekka,
mor si: «Du veit Esau, bror min, er loden, og eg er
snaud. 12 Kann henda far min trivlar på meg. Då trur
han eg vil hava honom til narr, og eg fær ei våbøn yver
meg og ingi velsigning.» 13 «Den våbøni skal eg taka
på meg, son min, » sagde mor hans. «Berre lyd du
meg, og gakk og henta meg kidi!» 14 Då gjekk han
og henta deim, og kom til mor si med deim, og mor
hans laga ein god rett, soleis som ho visste far hans
vilde lika det. 15 So tok Rebekka dei beste klædi åt
Esau, eldste son sin - dei låg inni huset hjå henne - og
hadde deim på Jakob, yngste son sin. 16 Og skinni av
kidungarne hadde ho på henderne hans og på halsen
hans der han var snaud. 17 So let ho Jakob, son sin,
få den gode retten og brødet som ho hadde stelt til, 18
og han gjekk inn til far sin, og sagde: «Far!» Og han
sagde: «Ja, her er eg. Kven er du, guten min?» 19
Då sagde Jakob med far sin: «Eg er Esau, eldste son
din. Eg hev gjort som du bad meg. Ris no upp, og
set deg og et av det eg hev veidt, so sjæli di kann
velsigna meg!» 20 Og Isak sagde med son sin: «So
snøgg som du var til å finna det, son min!» Og han
sagde: «Herren, din Gud, sende det imot meg.» 21 Då
sagde Isak med Jakob: «Kom då hit, guten min, og lat
meg få kjenna på deg um du er Esau, son min, eller
ikkje!» 22 So gjekk Jakob innåt Isak, far sin, og han
trivla på honom og sagde: «Det er målet hans Jakob,
men henderne hans Esau.» 23 Og han kjende honom
ikkje; for henderne hans var lodne som henderne åt
Esau, bror hans; og han velsigna honom. 24 «Er du
Esau, son min?» sagde han. Og han svara: «Ja, det er
eg.» 25 «Set no fram åt meg då, » sagde Isak, «og lat
meg få eta av det som son min hev veidt, so sjæli mi
kann velsigna deg!» Då sette han fram åt honom, og
han åt, og han kom med vin til honom, og han drakk.
26 So sagde Isak, far hans, med honom: «Kom no hit,
og kyss meg, son min!» 27 Då gjekk han burt til honom
og kysste honom, og han kjende angen av klædi hans,
og velsigna honom og sagde: «Sjå, som angen av ei
eng som Herren signa, so angar det av sonen min! 28
So gjeve Gud deg dogg frå himlen høge, og engjar av
dei feitaste på jordi, og nøgdi utav korn og druvesaft!
29 Deg tjoder tena skal, og folkeslag skal falla deg til
fota. Ver herre yver brørne dine! Borni åt mor di bøygje
seg for deg! Forbanna vere dei som deg forbannar!
Velsigna vere dei som deg velsignar!» 30 Med same
Isak hadde velsigna Jakob - det var ikkje meir enn so
vidt at Jakob var komen ut att frå Isak, far sin - då kom
Esau, bror hans, heim att or veideskog. 31 Han og
laga ein god rett og bar inn til far sin. So sagde han
med far sin: «Vil ikkje far risa upp og eta av det som
son hans hev veidt, so sjæli di kann velsigna meg!» 32
Og Isak, far hans, spurde honom: «Kven er du?» Og
han svara: «Eg er Esau, eldste son din.» 33 Då vart
Isak so forfærd at han skalv, og han sagde: «Kven var
det då som veide vilt og kom til meg med? Eg åt av
alt saman, og velsigna honom, fyrr du kom, og no lyt
han vera velsigna.» 34 Då Esau høyrde dei ordi av far
sin, sette han i eit skrik so høgt og sårt, at det var ilt
å høyra. So sagde han med far sin: «Velsigna meg,
velsigna meg og, far!» 35 Men han svara: «Bror din
kom med velor og tok velsigningi di.» 36 «Heiter han
då ikkje med rette Jakob?» sagde Esau. «Meg hev
han no svike tvo gonger. Fyrst tok han odelen min, og
sjå no hev han teke velsigningi mi.» So sagde han:
«Hev du ikkje att ei velsigning til meg og?» 37 Og Isak
svara Esau og sagde: «Sjå, no hev eg sett honom til
herre yver deg, og alle brørne hans hev eg gjort til
hans tenarar, og med korn og druvesaft hev eg styrkt
honom! Kva kann eg so gjera for deg, son min?» 38
Og Esau sagde med far sin: «Hev du då berre denne
eine velsigningi, far? Velsigna meg, velsigna meg og,
far!» Og Esau gret høgt. 39 Då tok Isak, far hans, til
ords att, og sagde til honom: «Sjå, langt burte frå dei
feite bøarne din bustad vera skal, og utan himmeldoggi
ovantil. 40 Av sverdet ditt du liva skal, og tena lyt du
broder din, men ein gong kjem den tid du riv deg laus,
og rister oket hans av halsen din.» 41 Men Esau hata
Jakob for den velsigningi som far hans hadde lyst yver
honom, og Esau sagde med seg sjølv: «Snart kjem
den tidi då me lyt syrgja yver far min; då skal eg drepa
Jakob, bror min.» 42 Og Rebekka fekk vita kva Esau,
eldste son hennar, hadde sagt. Då sende ho bod etter
Jakob, yngste son sin, og sagde med honom: «Høyr
her! Esau, bror din, vil hemna seg på deg og drepa
deg. 43 Lyd no meg, son min: tak ut og røm til Kharan,
til Laban, bror min, 44 Og ver hjå honom eit bil, til
harmen hev gjenge av bror din, 45 til vreiden hans hev
gjeve seg, og han hev gløymt det du hev gjort imot
honom! Då skal eg senda bod og henta deg heim att.
Kvi skulde eg missa dykk båe tvo på ein dag?» 46 So
sagde Rebekka med Isak: «Eg er so leid av livet for
desse Hets-døtterne skuld! Skulde no Jakob og taka
seg ei kona utav Hets-døtterne, slik ei som desse, ei
her ifrå landet, kva hadde eg då liva etter?»

**28** Og Isak kalla Jakob inn til seg og velsigna honom,
og talde for honom og sagde med honom: «Du
skal ikkje taka noko Kana'ans-kvende til kona. 2 Gjer
deg reidug og far til Mesopotamia, til huset åt Betuel,
morfar din: få deg der ei kona, ei av døtterne hans
Laban, morbror din. 3 Og Gud den Allvelduge velsigne
deg, og late ætti di veksa og aukast, so du vert til ein

heil flokk med tjoder. 4 Han gjeve deg velsigningi åt
Abraham, både deg og ætti di med deg, so du kjem til
å eiga det landet du no held til i, det som Gud gav
Abraham!» 5 So bad Isak farvel med Jakob, og han
for til Mesopotamia, til Laban Betuelsson, aramæaren,
som var bror hennar Rebekka, mor åt Jakob og Esau.
6 Då Esau såg at Isak hadde velsigna Jakob og sendt
honom til Mesopotamia, av di han vilde at han skulde
få seg ei kona derifrå, at han hadde velsigna honom,
og talt for honom og sagt: «Du skal ikkje taka noko
Kana'ans-kvende til kona!» 7 og at Jakob hadde lydt
foreldri sine, og fare til Mesopotamia, 8 og då Esau
såg at Isak, far hans, mislika Kana'ans-kvendi, 9 so
gjekk han til Ismael, og tok Mahalat, dotter åt Ismael,
son hans Abraham, syster åt Nebajot, til kona, attåt dei
andre konorne sine. 10 Og Jakob tok ut frå Be'erseba,
og gav seg på vegen til Kharan. 11 So kom han til ein
stad som han laut gjeva seg til um natti; for soli var
gladd. Og han tok ein av steinarne som låg der, og
hadde til hovudgjerd, og lagde seg so til å sova på
den staden. 12 Då drøymde han, og såg ein stige,
som stod på jordi og rakk med øvste enden upp i
himmelen, og han såg at Guds englar kleiv upp og ned
etter stigen. 13 Og sjå: Herren stod uppyver honom og
sagde: «Eg er Herren, Gud åt Abraham, godfar din, og
Gud åt Isak. Dette landet som du no ligg i, det vil eg
gjeva deg og ætti di. 14 Og ætti di skal verta som dusti
på jordi, og du skal greina deg ut i vest og i aust og i
nord og i sud, og i deg og di ætt skal alle folk på jordi
velsignast. 15 Og sjå, eg skal vera med deg og vara
deg kvar du so fer, og leida deg attende til dette landet:
eg skal ikkje sleppa deg utor augo, fyrr eg hev gjort
det eg hev lova deg!» 16 Då Jakob vakna or svevnen,
sagde han: «Ja sanneleg er Herren på denne staden,
og eg som ikkje visste det!» 17 So kom det ein otte
yver honom, og han sagde: «Kor ageleg han er, denne
staden! Dette må vera Guds hus, og her er porten til
himmelen.» 18 Um morgonen tidleg reis Jakob upp,
og tok den steinen han hadde havt til hovudgjerd, og
reiste honom upp til eit merke, og slo olje uppå honom.
19 Og han kalla den staden Betel. Men fyrr heitte byen
Luz. 20 Og Jakob gjorde ein lovnad og sagde: «Er Gud
med meg og varar meg på den vegen eg ferdast etter,
og gjev meg mat å eta og klæde å klæda meg med, 21
og eg kjem vel heim att til huset åt far min, so skal
Herren vera min Gud, 22 og denne steinen, som eg
hev reist upp til eit merke, han skal verta eit gudshus,
og av alt du gjev meg, skal eg svara deg tiend.»

**29** So tok Jakob i vegen att, og gjekk til han kom til
Austmannalandet. 2 Og då han skoda kring seg,
såg han ein brunn på marki og tri saueflokkar som låg
der innmed; for av den brunnen vatna dei buskapen.
Men steinen som låg yver brunnen, var stor. 3 Og når
alle buflokkarne hadde samla seg der, velte dei steinen
av brunnen, og vatna feet, og so lagde dei steinen
på staden sin att, yver brunnen. 4 Og Jakob spurde
deim: «Kvar er de frå, brørne mine?» Då sagde dei:
«Me er frå Kharan.» 5 So spurde Jakob: «Kjenner de
Laban, son åt Nahor?» Og dei svara: «Ja, me kjenner
honom.» 6 «Liver han vel?» spurte Jakob. «Ja, det
gjer han, » sagde dei, «og sjå der kjem Rakel, dotter
hans, med sauerne.» 7 Då sagde han: «Sjå, soli stend
endå høgt; det er ikkje tidi å sanka buskapen endå. Lat
sauerne få drikka, og gakk av og gjæt att!» 8 «Det kann
me ikkje, fyrr alle buflokkarne hev kome i hop, » sagde
dei. «Då velter me steinen av brunnen, og vatnar feet.»
9 Medan han stod og tala med deim, kom Rakel med
buskapen åt far sin; for det var ho som gjætte. 10
Og då Jakob såg Rakel, dotter åt Laban, morbror sin,
og såg buskapen hans, so gjekk han innåt, og velte
steinen av brunnen, og vatna feet åt Laban, morbror
sin. 11 Og Jakob kysste Rakel, og gråten tok honom.
12 Og Jakob sagde det med Rakel at han var skyld
far hennar, og at han var son åt Rebekka. Då sprang
ho heim, og sagde det med far sin. 13 Med same
Laban fekk høyra um Jakob, systerson sin, sprang han
imot honom, og slo armarne kring honom, og kysste
honom mange gonger, og bad honom med seg heim.
So fortalde han Laban alt det som hendt hadde. 14
Og Laban sagde med honom: «Ja menn er me same
folket!» So var han hjå honom ein månads tid. 15 Då
sagde Laban med Jakob: «Skulde du tena hjå meg for
inkje, for di um du er systerson min? Seg ifrå kva du vil
hava i løn!» 16 No hadde Laban tvo døtter; den eldste
heitte Lea, og den yngste heitte Rakel. 17 Og Lea var
daudøygd, men Rakel var både velvaksi og væn. 18
Og Jakob hadde huglagt Rakel, og sagde: «Eg skal
tena hjå deg i sju år, fær eg Rakel, den yngste dotteri
di.» 19 Og Laban svara: «Det er betre eg gjev deg
henne, enn at eg gjev henne til ein framand mann. Ver
du hjå meg!» 20 So tente Jakob i sju år for Rakel, og
dei åri tykte han var som nokre få dagar, av di han
var so sæl utav henne. 21 Sidan sagde Jakob med
Laban: «Lat meg no få kona mi! for tidi mi er ute, og
eg vil taka henne heim til meg.» 22 Då bad Laban i
hop alt folket der i grendi, og gjorde eit gjestebod. 23
Og um kvelden tok han Lea, dotter si, og leidde henne
inn til honom, og han sov hjå henne. 24 Og Laban let
henne få Zilpa, tenestgjenta si: ho skulde tena hjå Lea,
dotter hans, no. 25 Men um morgonen - sjå, då var det
Lea! Då sagde han til Laban: «Kvi hev du fare soleis åt
imot meg! Var det ikkje for Rakel eg tente! Kvi hev du
svike meg?» 26 «Me hev ikkje det for vis her i landet,
» svara Laban, «å gifta burt den som yngre er fyre den

som er eldre. 27 Ver no hjå denne til brudlaupsvika er
ute, so skal me gjeva deg den andre og, er so at du vil
tena hjå meg i sju år til.» 28 Og Jakob gjorde so, og
var hjå henne til brudlaupsdagarne var ende. Då gav
Laban honom Rakel, dotter si, til kona. 29 Og han let
Rakel, dotter si, få Bilha, tenestgjenta si: no skulde ho
tena hjå henne. 30 Og Jakob tok Rakel og heim til seg,
og han heldt meir av Rakel enn av Lea. Sidan tente
han endå sju år til hjå Laban. 31 Då Herren såg at
Lea var vanvyrd, let han henne få born, men Rakel
fekk ingi. 32 Og Lea vart med barn, og åtte ein son,
og kalla honom Ruben. «Herren hev set kor vondt
eg hev det, » sagde ho, «no kjem mannen min til å
halda av meg.» 33 Og ho vart med barn ein gong til,
og åtte ein son, og sagde: «Herren hev høyrt at eg
var vanvyrd; difor gav han meg denne og.» So kalla
ho honom Simeon. 34 Og ho vart med barn endå ein
gong, og åtte ein son, og sagde: «No lyt fulla mannen
min halda seg til meg, sidan han hev fenge tri søner
med meg.» Difor kalla dei honom Levi. 35 Og ho vart
med barn fjorde gongen, og åtte ein son, og sagde:
«No vil eg lova Herren.» Difor kalla ho honom Juda.
So fekk ho ikkje fleire born då.

**30** Då Rakel såg at ho og Jakob ikkje fekk born, vart
ho ovundsjuk på syster si, og sagde med Jakob:
«Lat meg få born, elles so døyr eg!» 2 Då vart Jakob
harm på Rakel og sagde: «Er eg i staden åt Gud, som
hev meinka deg born?» 3 Då sagde ho: «Sjå her er
Bilha, terna mi. Gakk inn til henne, so ho kann føda på
fanget mitt og hjelpa meg og til ein son!» 4 So gav ho
honom Bilha, terna si, til kona, og Jakob gjekk inn til
henne. 5 Og Bilha vart med barn, og fekk ein son med
Jakob. 6 Då sagde Rakel: «Gud hev dømt i mi sak:
han høyrde bøni mi, og gav meg ein son.» So kalla ho
honom Dan. 7 Og Bilha, terna hennar Rakel, vart med
barn att, og fekk ein son til med Jakob. 8 Då sagde
Rakel: «Harde otor hev eg stade med syster mi, og no
hev eg vunne.» So kalla ho honom Naftali. 9 Då Lea
såg at ho ikkje fekk fleire born, tok ho Zilpa, terna si,
og gav Jakob til kona. 10 Og Zilpa, terna hennar Lea,
fekk ein son med Jakob. 11 Då sagde Lea: «No hadde
eg lukka med meg!» So kalla ho honom Gad. 12 Og
Zilpa, terna hennar Lea, fekk ein son til med Jakob.
13 Då sagde Lea: «Å sæle meg! Droserne kjem til å
sælka meg!» So kalla ho honom Asser. 14 Ein dag i
skurdonni gjekk Ruben av og fann rune-eple på marki,
og bar deim heim til Lea, mor si. Då sagde Rakel med
Lea: «Kjære væne, gjev meg nokre av dei rune-epli
som son din hev funne!» 15 Men ho svara henne:
«Er det ikkje nok at du hev teke mannen min? Vil du
no taka rune-epli åt son min og?» Då sagde Rakel:
«Det er det same, fær eg rune-epli åt son din, so kann
mannen få sova hjå deg i natt.» 16 Um kvelden, då
Jakob kom heim frå marki, gjekk Lea til møtes med
honom og sagde: «Det er hjå meg du skal vera i natt;
eg hev tinga deg for rune-epli åt son min.» So sov han
hjå henne den natti. 17 Og Gud høyrde Lea, og ho vart
med barn, og åtte den femte sonen. 18 Då sagde Lea:
«No hev Gud gjeve meg mi løn, for di eg let mannen
få terna mi.» So kalla ho honom Issakar. 19 Og Lea
vart med barn att, og åtte den sette sonen. 20 Då
sagde Lea: «Gud hev gjeve meg ei god gåva. No kjem
mannen min til å bu hjå meg, sidan han hev fenge
seks søner med meg.» So kalla ho honom Sebulon.
21 Sidan åtte ho ei dotter, og kalla henne Dina. 22
Då kom Gud i hug Rakel, og Gud høyrde bønerne
hennar, og gjorde henne barnkjømd. 23 So vart ho då
umhender, og åtte ein son. Då sagde ho: «Gud hev
teke burt skammi mi.» 24 Og ho kalla honom Josef og
sagde: «Gjev Herren vilde lata meg få ein son til!» 25
Då no Rakel hadde fenge Josef, sagde Jakob med
Laban: «Slepp meg or tenesta, so eg kann fara heim
til mitt eige land! 26 Lat meg få konorne og borni mine,
som eg hev tent for, so vil eg fara! For du veit sjølv kor
lenge eg hev tent hjå deg.» 27 Då sagde Laban med
honom: «Hadde du berre noko godvilje for meg! Eg
hev fenge ei vitring um at det er for di skuld Herren
hev velsigna meg. 28 Set berre på kva du vil hava i
løn, » sagde han, «so skal eg gjeva deg det!» 29 Og
Jakob sagde med honom: «Du veit sjølv kor vel eg
hev tent deg, og korleis bufeet ditt hev muna, medan
eg hev stelt med det. 30 For det var lite du hadde, fyrr
eg kom hit, og no hev det auka mengdevis, og Herren
hev velsigna deg for kvart fet eg gjekk. Men når skal
no eg få syta for mitt eige hus?» 31 «Kva skal eg gjeva
deg?» sagde hin. «Du tarv ikkje gjeva meg noko, »
sagde Jakob. «Vil du gjera som eg no segjer, so skal
eg gjæta buskapen din og sjå etter honom, som eg hev
gjort. 32 I dag vil eg ganga gjenom heile buskapen din
og skilja ut alt som er droplut eller spreklut, både det
som er svart i saueflokken, og det som er spreklut eller
droplut i geiteflokken, og det skal vera løni mi. 33 Og
mi truheit skal svara for meg, når du heretter kjem og
ser yver løni mi: Finst det hjå meg nokor geit som ikkje
er droplut eller spreklut, eller nokon sau som ikkje er
svart, so er dei stolne.» 34 Då sagde Laban: «Ja ja, lat
det vera som du segjer!» 35 Og same dagen skilde han
ut dei bukkarne som var salute og spreklute, og alle
dei geiterne som var droplute og spreklute, alt som det
var noko kvitt på, og alt som var svart i saueflokken, og
let sønerne sine taka vare på det. 36 Og han lagde tri
dagsleider millom seg og Jakob. Og Jakob laut gjæta
det som att var av fenaden hans Laban. 37 Men Jakob
fann seg grøne stavar av poppel og mandeltre og

løn, og randa deim, so den kvite veden synte millom
borkerenderne. 38 Og stavarne, som han hadde randa,
sette han upp i trørne i vatskuporne, der småfeet kom
og skulde drikka, midt for augo på småfeet; for det
var jamt dei flaug, når dei kom og skulde drikka. 39
So para småfeet seg innmed stavarne, og fekk ungar
som var salute og droplute og spreklute. 40 Men lambi
skilde Jakob ifrå og let småfeet venda augo mot det
som var droplut, og mot alt som var svart i buskapen
hans Laban. Soleis fekk han seg flokkar for seg sjølv,
og hadde deim ikkje i hop med buskapen hans Laban.
41 Og kvar gong det var trivelegt småfe som flaug, so
sette Jakob randestavarne i trørne, midt for augo på
deim, so dei skulde para seg innmed stavarne. 42 Men
var det slikt som ikkje vilde trivast, so sette han ikkje
stavarne der. Soleis fekk Laban det feet som ikkje vilde
trivast, og Jakob det som var trivelegt. 43 Og mannen
vart rikare og rikare, og fekk mykje bufe, og gjentor og
drengjer, og kamelar og asen.

**31** So fekk han høyra at sønerne hans Laban hadde
sagt: «Jakob hev teke alt det som far vår åtte, og
av det som far vår åtte, hev han lagt seg til all denne
rikdomen.» 2 Og Jakob såg på andlitet hans Laban at
han var ikkje den same mot honom som han hadde
vore. 3 Og Herren sagde til Jakob: «Far attende til
landet åt federne dine og til ditt eige folk, og eg skal
vera med deg.» 4 Då sende Jakob bod etter Rakel og
Lea og bad deim koma ut på marki, til buskapen hans.
5 Og han sagde med deim: «Eg ser på andlitet åt far
dykkar at han er ikkje den same mot meg som fyrr.
Men Gud åt far min hev vore med meg. 6 Og de veit
at eg hev tent far dykkar det beste eg vann. 7 Og far
dykkar hev svike meg og brigda um att løni mi dei ti
gongerne. Men Gud let honom ikkje få lov til å gjera
meg nokon skade. 8 Når han sagde so: «Dei droplute
skal vera løni di, » so fekk alt småfeet droplute ungar;
og når han sagde so: «Dei salute skal vera løni di, »
so fekk alt småfeet salute ungar. 9 Soleis tok Gud feet
frå far dykkar og gav meg det. 10 Og ved det leitet
då småfeet flaug, drøymde eg at eg let upp augo og
såg ikring meg, og sjå, då var bukkarne som sprang
på småfeet, salute og droplute og skjengjute. 11 Og
Guds engel sagde til meg i draume: «Jakob!» og eg
svara: «Ja, her er eg.» 12 Då sagde han: «Lat upp
augo, so skal du få sjå at alle bukkarne som spring
på småfeet, er salute og droplute og skjengjute. For
eg hev set korleis Laban fer åt mot deg. 13 Eg er din
Gud frå Betel, der som du salva steinen, der som du
gjorde meg ein lovnad. Gjer deg no reidug og far ut
or dette landet og attende til fødesheimen din!»» 14
Då svara Rakel og Lea og sagde med honom: «Hev
då me endå nokon lut og arv i huset åt far vår? 15
Hev ikkje han rekna oss for framande? Han hev selt
oss, og longe øydt upp det han fekk for oss. 16 All
rikdomen som Gud hev teke frå far vår, høyrer oss og
borni våre til. Gjer no berre du alt det som Gud hev
sagt til deg!» 17 So budde Jakob seg til ferdi, og sette
borni og konorne sine på kamelarne. 18 Og han tok
med seg alt bufeet sitt og alt godset som han hadde
samla seg, det feet som han åtte og hadde ale seg til i
Mesopotamia, og vilde fara til Isak, far sin, i Kana'ans-
land. 19 Laban hadde gjenge av og skulde klyppa
sauerne sine. Då stal Rakel med seg husgudarne
som far hennar hadde. 20 Og Jakob stal seg burt ifrå
Laban, aramæaren, og gat ikkje noko um at han vilde
fara sin veg. 21 Han tok ut med alt det han åtte, og
gav seg på vegen, og sette yver elvi, og tok leidi mot
Gileadfjellet. 22 Tridje dagen etter fekk Laban vita at
Jakob hadde stroke sin veg. 23 Då tok han med seg
skyldfolki sine, og sette etter honom sju dagsleider, og
nådde honom att på Gileadfjellet. 24 Men Gud kom til
Laban, aramæaren, i draume um natti, og sagde til
honom: «Vara deg no og seg ikkje eit ord til Jakob!»
25 Då Laban nådde att Jakob, hadde Jakob sett upp
tjeldbudi si på fjellet; og Laban og skyldfolki hans sette
og upp budi si på Gileadfjellet. 26 Og Laban sagde
med Jakob: «Kva tyder det at du hev stole deg burt
ifrå meg og drege døtterne mine av garde, som dei
var hertekne? 27 Kvi løynde du deg av, og stal deg
burt ifrå meg? Kvi sagde du det ikkje med meg, so eg
kunde fylgt deg på vegen med glederop og song og
trummor og harpor? 28 Du let meg ikkje ein gong få
kyssa borni og døtterne mine. Dette var uvisleg gjort
av deg! 29 Eg hev det i mi magt å gjera dykk ilt. Men
Gud åt far dykkar sagde til meg i natt: «Vara deg no og
seg ikkje eit ord til Jakob!» 30 Men var det no so at du
laut taka ut, av di du lengta so sårt etter fødesheimen
din, kvi stal du då gudarne mine?» 31 Då svara Jakob
og sagde med Laban: «Eg var rædd; eg tenkte du
kunde taka døtterne dine frå meg med hardom. 32
Men den som du finn gudarne dine hjå, han skal ikkje
liva. Sjå no etter, og lat skyldfolki våre vera vitne, um
du kannast med noko av det eg hev med meg, og tak
det so til deg!» Men Jakob visste ikkje at Rakel hadde
teke deim. 33 Og Laban gjekk inn i budi hans Jakob
og i budi hennar Lea og i budi åt båe ternorne, men
fann ikkje noko. So gjekk han ut or budi hennar Lea,
og inn i budi hennar Rakel. 34 Men Rakel hadde teke
husgudarne, og lagt deim under klyvsalen, og sett seg
på deim. Og Laban rannsaka heile budi, men fann ikkje
noko. 35 Og ho sagde med far sin: «Far må ikkje vera
vond, for di eg ikkje kann reisa meg upp for honom!
For det er so med meg no som stundom plar vera med
kvendi.» Og han leita både høgt og lågt, men fann

ikkje husgudarne. 36 Då vart Jakob harm, og skjemde
på Laban. Og Jakob tok til ords og sagde med Laban:
«Kva hev eg forbrote? kva vondt hev eg gjort, sidan du
elter meg so? 37 Då du rannsaka alt det eg hev, kva
fann du då som høyrer huset ditt til? Legg det fram her
og lat mine og dine skyldfolk få sjå det, so dei kann
døma millom oss tvo! 38 No hev eg vore hjå deg i
tjuge år: Søyorne og geiterne dine hev aldri kasta, og
verarne i fenaden din hev eg ikkje ete upp. 39 Det
som var ihelrive, kom eg ikkje heim til deg med. Sjølv
bøtte eg skaden. Av meg kravde du det, anten det var
stole um dagen eller um natti. 40 Um dagen vilde hiten
tyna meg, og kulden um natti, og eg fekk ikkje svevn
på augo. 41 Tjuge år er det no eg hev vore hjå deg;
fjortan år hev eg tent for både døtterne dine, og seks år
for fenaden din; men du brigda um att løni mi dei ti
gongerne. 42 Hadde ikkje Gud åt far min, han som var
Gud åt Abraham, og som Isak ber age for, hadde ikkje
han vore med meg, so hadde du visst no sendt meg
burt med tvo hender tome. Men Gud såg mi møda og
alt mitt slæp, og han jamna det for meg i natt.» 43
Då svara Laban og sagde med Jakob: «Det er mine
døtter, og mine born, og min buskap, og mitt alt du ser.
Kva skulde eg då no gjera desse døtterne mine eller
borni deira, som dei hev født til verdi? 44 So kom no
og lat oss gjera ei semja, eg og du, og den skal vera til
vitnemål millom meg og deg!» 45 So tok Jakob ein
stein og reiste honom upp til eit merke. 46 Og Jakob
sagde med skyldfolki sine: «Sanka i hop stein!» So
fann dei seg steinar, og bygde ein varde, og sette seg
og åt der, innmed varden. 47 Og Laban kalla varden
Jegar Sahaduta, og Jakob kalla honom Gal'ed. 48 Og
Laban sagde: «No er denne varden vitne millom meg
og deg.» Difor kalla dei honom Gal'ed, 49 og Mispa,
«av di, » sagde han, «Herren skal halde vakt millom
meg og deg, når me hev kome einannan or syne. 50
Fer du ille med døtterne mine, eller tek du deg andre
konor attåt døtterne mine, då er det fulla ingen mann
innmed oss, men kom i hug det: Gud er vitne millom
meg og deg.» 51 Og Laban sagde med Jakob: «Sjå,
denne varden og denne merkesteinen, som eg hev
reist millom meg og deg - 52 vitne skal dei vera, både
varden og merkesteinen, at ikkje skal eg fara framum
denne varden, burt til deg, og ikkje skal du fara hitum
denne varden og denne merkesteinen, heim til meg,
på det som vondt er. 53 Gud åt Abraham og Gud
åt Nahor døme millom oss, han som var Gud åt far
deira!» So svor Jakob ved honom som Isak, far hans,
bar age for. 54 Og Jakob ofra eit slagtoffer på fjellet, og
bad skyldfolki sine eta med seg. Og dei åt med honom,
og var på fjellet um natti. 55 Um morgonen tidleg reis
Laban upp, og kysste barneborni og døtterne sine, og
velsigna deim. So tok Laban ut, og for heim att til seg.

**32** Og Jakob for sin veg framigjenom, og Guds
englar møtte honom. 2 Då Jakob såg deim,
sagde han: «Dette er Guds herlæger, » og han kalla
den staden Mahanajim. 3 Og Jakob sende folk fyre
seg til Se'irlandet, til Edomsmarki, med bod til Esau,
bror sin. 4 Og han sagde deim fyre: «So skal de segja
med herren min, Esau: «So segjer Jakob, tenaren
din: «Eg hev halde til hjå Laban, og trøytt der til no.
5 Og eg hev fenge meg uksar og asen og småfe og
drengjer og gjentor, og no var eg huga til å senda deg
bod um dette, herre bror, um eg kunde gjera deg blid
på meg.»»» 6 Og dei kom attende til Jakob og sagde:
«Me råka Esau, bror din, og rett no kjem han sjølv til
møtes med deg, og fire hundrad mann med honom.»
7 Då vart Jakob ovleg rædd, og det var so bringa hans
vilde snøra seg i hop. Og han bytte folket som var
med honom, og sauerne og nauti og kamelarne, i tvo
hopar, 8 og sagde: «Um Esau kjem yver den eine
hopen og slær honom ned, so kann den hopen som
att er, få berga seg undan.» 9 Og Jakob sagde: «Du
Gud åt Abraham, godfar min, du Gud åt Isak, far min,
du Herre, som sagde til meg: «Far attende til landet
ditt og fødesheimen din, og eg skal gjera vel imot deg»
- 10 eg er ikkje verd all den miskunn og all den truskap
du hev vist imot tenaren din; for med stav i hand gjekk
eg yver denne Jordanelvi, og no er eg vorten til tvo
store hopar. 11 Å, berga meg for Esau, bror min; for
eg er so rædd honom; eg ottast han kann koma og
slå i hel meg og mine, både mor og born. 12 Du hev
då sjølv sagt: «Eg skal allstødt gjera vel imot deg og
lata ætti di verta som havsens sand, som det ikkje er
tal på.»» 13 So var han der um natti, og av alt det
han åtte, tok han ut ei gåva til Esau, bror sin: 14 tvo
hundrad geiter og tjuge bukkar, tvo hundrad søyor
og tjuge verar, 15 tretti mjølkekamelar med fyli deira,
fyrti kvigor og ti vetrungsuksar, tjuge asenfyljur og ti
asenfolar. 16 Og han let drengjerne sine fara i vegen
med dette, kvar drift for seg, og sagde med deim: «Far
de fyre meg, og lat det vera eit godt stykke millom
kvar drift!» 17 So sagde han med den fyrste av deim:
«Når Esau, bror min, møter deg, og han talar til deg
og spør: «Kven høyrer du til, og kvar skal du av, og
kven eig den bølingen, som du driv?» 18 då skal du
segja: «Jakob, tenaren din; det er ei gåva han sender
Esau, herren min, og snart kjem han sjølv etter.»» 19
Sameleis tala han til den andre og den tridje og til
alle drivarane, og sagde: «De som eg no hev sagt,
skal de segja med Esau, når de møter honom. 20 Og
dette skal de og segja: «Snart kjem Jakob, tenaren
din, etter.»» For han tenkte: «Eg vil blidka honom med

denne gåva, som eg sender fyre meg, og sidan vil eg
sjå honom i andlitet; kann henda han då tek vel imot
meg.» 21 So for dei fyre med gåva, og sjølv var han i
lægret den natti. 22 Same natti reis han upp, og tok
båe konorne og båe ternorne sine og alle dei elleve
sønerne sine og gjekk yver Jabbokvadet. 23 Han tok
og flutte deim yver åi, og alt han åtte, førde han yver.
24 So var Jakob att åleine. Då kom det ein mann og
drogst med honom radt til i dagingi. 25 Og då han
såg at han ikkje kunde råda med honom, snart han
mjødmeskåli hans, og mjødmi gjekk or led på Jakob,
medan dei drogst. 26 Og han sagde: «Slepp meg, for
no er det dagen.» Men Jakob sagde: «Eg slepper deg
ikkje, utan du velsignar meg.» 27 «Kva heiter du?»
spurde mannen. «Jakob, » svara han. 28 Då sagde
mannen: «Du skal ikkje lenger heita Jakob, men Israel.
For du hev stridt med Gud og med menner, og vunne.»
29 Og Jakob spurde honom og sagde: «Kjære deg,
seg meg namnet ditt!» Men han svara: «Kvi spør du
etter namnet mitt?» Og han velsigna honom der. 30 Og
Jakob kalla den staden Peniel; «for eg hev set Gud,
andlit mot andlit, » sagde han, «og endå berga livet.»
31 Og med same han var komen framum Penuel, rann
soli. Og han var halt i mjødmi. 32 Difor er det so den
dag i dag, at Israels-sønerne aldri et den store seni
som er på mjødmeskåli, av di han snart mjødmeskåli
hans Jakob på den store seni der er.

**33** Og Jakob skoda framyver, og sjå, der kom Esau
og fire hundrad mann med honom. Då skifte han
borni millom Lea og Rakel og båe ternorne, 2 og sette
ternorne og borni deira fremst, og Lea og borni hennar
attanfor, og Rakel og Josef attarst. 3 Og sjølv gjekk
han fram fyre deim, og bøygde seg nedåt jordi sju
gonger, til dess han kom tett innåt bror sin. 4 Men
Esau sprang imot honom, og tok honom i fanget, og
lagde armarne um halsen hans, og kysste honom, og
dei gret. 5 Då han såg upp, vart han var konorne og
borni; då sagde han: «Kva er dette for folk du hev med
deg?» «Det er dei borni som Gud hev unnt tenaren din,
» sagde Jakob. 6 So gjekk ternorne fram med borni
sine og bøygde seg. 7 Og Lea og borni hennar gjekk
og fram og bøygde seg. Sidan gjekk Josef og Rakel
fram og bøygde seg. 8 Då sagde han: «Kva vilde du
med heile denne buskapen som eg møtte?» «Eg vilde
gjera deg blid på meg, herre bror, » sagde hin. 9 Då
sagde Esau: «Eg hev nok, bror. Hav du sjølv det som
ditt er!» 10 «Å nei, kjære væne!» sagde Jakob. «Hev
du noko godvilje for meg, so tak imot gåva mi! For då
eg såg deg i andlitet, var det som eg såg Guds andlit,
med di du var so blid imot meg. 11 Kjære deg, tak
imot gåva eg sende deg! For Gud hev vore god mot
meg, og eg hev nok av alle slag.» Og han nøydde
honom, til han tok imot det. 12 So sagde Esau: «Lat
oss taka ut og koma i vegen, so skal eg fara jamte
med deg.» 13 Men Jakob sagde: «Du veit, herre bror,
at borni ikkje toler mykje, og eg hev lambsøyor og
nybære kyr å taka vare på. Driv ein deim for hardt,
um det berre er ein dag, so døyr heile buskapen. 14
Vil ikkje du gjera vel og fara fyre meg, herre bror! So
kann eg rusla so smått, etter som drifterne og borni
orkar til, til dess eg kjem til deg i Se'ir.» 15 «So vil eg
lata nokre av dei mennerne eg hev med, vera att hjå
deg, » sagde Esau. «Kvi då?» sagde hin; «berre du vil
vera blid på meg, herre bror!» 16 So snudde Esau
um same dagen, og for sin veg heim att til Se'ir. 17
Og Jakob tok vegen til Sukkot, og bygde seg eit hus,
og til buskapen sin gjorde han skålar. Difor kallar dei
den staden Sukkot. 18 Og Jakob kom seg vel fram til
Sikemsbyen i Kana'ans-land, den gongen han for frå
Mesopotamia, og han fann seg eit læger framanfor
byen. 19 Og det jordstykket som han hadde sett upp
tjeldbudi si på, kjøpte han av sønerne hans Hemor, far
åt Sikem, for hundrad gullpengar. 20 Og han bygde eit
altar der, og kalla det: «Gud er Gud åt Israel».

**34** Dina, dotter åt Jakob og Lea, gjekk ein gong ut
og vilde sjå på droserne i landet. 2 Og Sikem,
son åt Hemor, heviten, som var hovding i landet, såg
henne, og han tok henne, og låg med henne, og tok
æra hennar. 3 Og hugen hans stod til Dina, dotter åt
Jakob; for han hadde fenge henne kjær. Og han tala
blidt til gjenta og hugga henne. 4 Sidan tala Sikem til
Hemor, far sin, og sagde: «Lat meg få den møyi til
kona!» 5 Og Jakob fekk høyra at han hadde skjemt
ut Dina, dotter hans. Men sønerne hans var med
buskapen utpå marki, og Jakob tagde med det, til dei
kom heim att. 6 Men Hemor, far hans Sikem, gjekk ut
til Jakob og vilde tala med honom. 7 Sønerne hans
Jakob kom heim frå marki, då dei fekk høyra dette. Og
det gjorde kararne ilt, og dei var ovleg harme. For han
hadde fare skamleg åt mot Israel, med di han hadde
lege hjå dotter hans Jakob; slikt skulde aldri henda! 8
Då tala Hemor med deim og sagde: «Sikem, son min,
hev huglagt dotter dykkar; kjære væne, lat honom få
henne til kona! 9 Lat oss gifta borni våre i hop: gjev
oss døtterne dykkar, og tak de våre døtter. 10 Og gjev
dykk so til hjå oss. De hev heile landet fyre dykk. De
kann få bu her, og fara fritt kring i landet og få dykk
eigedomar her.» 11 Og Sikem sagde med far hennar
og brørne hennar: «Kunde eg berre få gjort dykk blide
på meg! Det de krev av meg, skal de få. 12 Krev so
mykje de vil av meg i festarfe og i benkjargåva! Eg
skal gjeva det de vil hava, berre eg fær møyi til kona!»
13 Men sønerne hans Jakob svara Sikem og Hemor,

far hans, med svikfulle ord, for di han hadde skjemt
ut Dina, syster deira. 14 «Me kann ikkje gjera det, »
sagde dei, «og gjeva syster vår til ein mann som hev
huvehold; det vilde vera ei vanæra for oss. 15 Berre
på det vilkåret kann me laga oss etter dykk, at de vert
liksom me, og alle karar hjå dykk vert umskorne. 16
Då skal me gjeva dykk døtterne våre, og taka dykkar
døtter til konor, og bu hjå dykk, so me vert eitt folk. 17
Men vil de ikkje lyda oss og lata dykk umskjera, so tek
me syster vår, og fer burt.» 18 Og dei tykte vel um ordi
deira, både Hemor og Sikem, son hans Hemor. 19 Og
sveinen drygde ikkje, men gjorde dette. For han heldt
av dotter hans Jakob, og han var den gjævaste i heile
ætti si. 20 So møtte Hemor og Sikem, son hans, til
tings i byen sin, og dei tala til bymennerne og sagde:
21 «Desse mennerne vil gjerne vera vener med oss.
Dei vil gjeva seg til her og fara kring i landet, og de
veit at landet er vidt nok åt deim til alle kantar. Me
skal taka døtterne deira til konor, og gjeva deim våre
døtter. 22 Men berre på eitt vilkår vil dei laga seg etter
oss og bu hjå oss, so me vert eitt folk, og det er at
alle karar hjå oss vert umskorne, som dei er sjølve.
23 Buskapen deira og godset deira og klyvdyri deira,
vert ikkje alt det vårt, når me berre lagar oss etter
deim, so dei gjev seg til hjå oss?» 24 Og dei lydde
Hemor og Sikem, son hans, alle som åtte heime der i
byen; og alle karar, dei som åtte heime der i byen, vart
umskorne. 25 So hende det den tridje dagen, då dei
var sjuke av verken, at tvo av sønerne hans Jakob,
Simeon og Levi, sambrørne hennar Dina, tok sverdi
sine, og storma inn i byen, medan folki var trygge, og
drap alle karar. 26 Og dei hogg ned Hemor og Sikem,
son hans, med kvasse sverd, og tok Dina ut or huset
hans Sikem, og drog burt. 27 Sønerne hans Jakob
kom yver deim som falne var, og herja byen, for di dei
hadde skjemt ut syster deira. 28 Dei tok sauerne og
nauti deira og asni deira, både det som var i byen og
det som var på marki. 29 Og alt godset deira og alle
borni og kvendi deira rana dei og drog av med, og alt
som i husi var. 30 Då sagde Jakob med Simeon og
Levi: «De hev gjort meg ei stor sorg! De veld at eg
fær eit uord på meg hjå landslyden, kananitarne og
perizitarne. Me er då berre ein liten flokk, og samlar
dei seg imot meg, so kjem dei til å slå meg i hel, og
tyna både meg og mitt hus.» 31 «Skulde han fara åt
med syster vår som med ei skjøkja?» sagde dei.

**35** Og Gud sagde til Jakob: «Gjer deg reidug, og
far upp til Betel, og gjev deg til der, og bygg eit
altar åt Gud, han som synte seg for deg, då du rømde
for Esau, bror din.» 2 Då sagde Jakob med husfolket
sitt og alle deim som var med honom: «Få burt dei
framande gudarne, som er hjå dykk, og fjelga dykk, og
byt klæde! 3 Og lat oss so taka ut og fara upp til Betel!
Der vil eg byggja eit altar åt Gud, han som høyrde
bøni mi den dagen eg var i fåre, og som var med meg
på den vegen eg for.» 4 Då let dei Jakob få alle dei
framande gudarne som dei hadde hjå seg, og ringarne
som dei hadde i øyro; og Jakob grov det ned under
den eiki som stend innmed Sikem. 5 So tok dei ut, og
ein otte frå Gud kom yver byarne rundt ikring deim,
so dei sette ikkje etter Jakobs-sønerne. 6 Og Jakob
kom til Luz, som ligg i Kana'ans-land - no heiter det
Betel - både han og alt folket som var med honom. 7
Der bygde han eit altar, og kalla den staden «Gud i
Betel»; for der hadde Gud synt seg for honom den
gongen han rømde for bror sin. 8 Då døydde Debora,
fostermor hennar Rebekka, og ho vart jorda nedanfor
Betel, attunder ei eik; den kallar dei Gråtareiki. 9 Gud
synte seg endå ein gong for Jakob, den tid han kom
frå heim Mesopotamia, og velsigna honom. 10 Og Gud
sagde til honom: «Du heiter Jakob! heretter skal du
ikkje heita Jakob; Israel skal du heita!» Sidan kalla
dei honom Israel. 11 Og Gud sagde til honom: «Eg er
Gud, den Allvelduge. Du skal veksa og aukast! Eit folk,
ei mengd med folkeslag skal ættast frå deg, og undan
deg skal kongar alast. 12 Og det landet som eg gav
Abraham og Isak, det vil eg gjeva deg; ætti di etter
deg vil eg gjeva det landet.» 13 So for Gud upp ifrå
honom på den staden han var då han tala med honom.
14 Då reiste Jakob upp ein stein på den staden han
var då han tala med honom, ein minnestein, og auste
drykkoffer på honom, og slo olje utyver honom. 15
Og Jakob kalla den staden han var då Gud tala med
honom, Betel. 16 So tok dei ut att frå Betel, og då dei
hadde att som eit augneleite til Efrat, fekk Rakel barnilt,
og ho vart strengt sjuk. 17 Og medan ho låg i hardaste
riderne, sagde ljosmori med henne: «Syt ikkje no! Her
hev du ein son att.» 18 Og i det same ho sålast - for
ho laut døy - kalla ho honom Benoni; men far hans
kalla honom Benjamin. 19 Då Rakel var slokna, vart ho
jorda frammed vegen til Efrat, som no heiter Betlehem.
20 Og Jakob reiste upp ein minnestein på gravi hennar.
Det er gravsteinen hennar Rakel; han stend der den
dag i dag. 21 So tok Israel ut att, og sette upp tjeldbudi
si burtanfor Bølingstårnet. 22 Medan Israel budde der i
landet, hende det at Ruben gjekk av og låg hjå Bilha,
fylgjekona åt far hans. Og Israel fekk vita det. Sønerne
hans Jakob var tolv i talet. 23 Sønerne hennar Lea
var Ruben, eldste son hans Jakob, og Simeon og
Levi og Juda og Issakar og Sebulon. 24 Og sønerne
hennar Rakel var Josef og Benjamin. 25 Og sønerne
åt Bilha, terna hennar Rakel, var Dan og Naftali. 26
Og sønerne åt Zilpa, terna hennar Lea, var Gad og
Asser. Dette var sønerne hans Jakob, som han hadde

fenge i Mesopotamia. 27 Og Jakob kom til Isak, far
sin, i Mamre, tett innmed Arbabyen, som no heiter
Hebron, der som Abraham og Isak hadde halde til. 28
Og dagarne hans Isak vart hundrad og åtteti år. 29 Då
sålast Isak og døydde, og kom saman med federne
sine, gamall og mett av dagar. Og Esau og Jakob,
sønerne hans, fylgde honom til gravi.

**36** Dette er ætti hans Esau eller Edom: 2 Esau tok
seg konor av Kana'ans-folket: Ada, dotter åt Elon,
hetiten, og Åhålibama, dotter åt Ana, sonedotter åt
Sibeon, heviten, 3 og Basmat, dotter åt Ismael, syster
åt Nebajot. 4 Og Esau fekk med Ada sonen Elifaz,
og med Basmat sonen Re'uel. 5 Og med Åhålibama
fekk han sønerne Je'us og Jalam og Korah. Dette var
sønerne hans Esau, som han fekk i Kana'ans-land. 6
Og Esau tok konorne sine og sønerne og døtterne
sine og heile huslyden sin og buskapen sin og alle
klyvdyri sine og alt godset sitt, som han hadde sanka i
Kana'ans-land, og flutte burt frå Jakob, bror sin, og
av til eit anna land. 7 For dei åtte so mykje fe, at
dei kunde ikkje bu saman; landet som dei heldt til i,
kunde ikkje føda deim, so stor var buskapen deira.
8 So sette Esau seg ned i Se'irfjelli; Esau, det er
den same som Edom. 9 Og dette er ætti hans Esau,
far åt Edom-folket i Se'irfjelli: 10 Dette er namni på
sønerne hans Esau: Elifaz, son åt Ada, kona hans
Esau, og Re'uel, son åt Basmat, kona hans Esau. 11
Og sønerne hans Elifaz var Teman og Omar og Sefo
og Gatam og Kenaz. 12 Og Elifaz, son hans Esau,
hadde ei fylgjekona som heitte Timna. Med henne fekk
Elifaz sonen Amalek. Dette var sønerne hennar Ada,
kona hans Esau. 13 Og dette er sønerne hans Re'uel:
Nahat og Zerah, Samma og Mizza. Dette var sønerne
åt Basmat, kona hans Esau. 14 Og dette er sønerne åt
Åhålibama, dotter hans Ana, sonedotter hans Sibeon,
kona hans Esau: med henne fekk Esau sønerne Je'us
og Jalam og Korah. 15 Dette er jarlarne åt Esau-
folket: Sønerne åt Elifaz, eldste son hans Esau, var
Teman-jarlen, Omar-jarlen, Sefo-jarlen, Kenaz-jarlen,
16 Korah-jarlen, Gatam-jarlen, Amalek-jarlen. Det var
dei jarlarne som var ætta frå Elifaz i Edomlandet.
Dette var sønerne åt Ada. 17 Og dette er sønerne
hans Re'uel, son åt Esau: Nahat-jarlen, Zerah-jarlen,
Samma-jarlen, Mizza-jarlen. Det var dei jarlarne som
var ætta frå Re'uel i Edomlandet. Dette var sønerne
åt Basmat, kona hans Esau. 18 Og dette er sønerne
åt Åhålibama, kona hans Esau: Je'us-jarlen, Jalam-
jarlen, Korah-jarlen. Det var dei jarlarne som var ætta
frå Åhålibama Anasdotter, kona hans Esau. 19 Dette
var Esaus-sønerne, og dette var jarlarne deira. Dette
var Edom-folket. 20 Dette er sønerne åt Se'ir, horiten,
som hadde bygt landet: Lotan og Sobal og Sibeon og
Ana 21 og Dison og Eser og Disan. Det var jarlarne åt
horitarne, Se'ir-folket i Edomlandet. 22 Og sønerne
hans Lotan var Hori og Hemam, og syster hans Lotan
var Timna. 23 Og dette er sønerne hans Sobal: Alvan
og Manahat og Ebal, Sefo og Onam. 24 Og dette er
sønerne hans Sibeon: Aja og Ana. Ana var det som
fann dei heite kjeldorne i øydemarki, medan han gjætte
asni åt Sibeon, far sin. 25 Og dette er borni hans
Ana: Dison og Åhålibama Anasdotter. 26 Og dette
er sønerne hans Dison: Hemdan og Esban og Jitran
og Keran. 27 Dette er sønerne hans Eser: Bilhan og
Za'avan og Akan. 28 Dette er sønerne hans Dison: Us
og Aran. 29 Dette er jarlarne åt horitarne: Lotan-jarlen,
Sobal-jarlen, Sibeon-jarlen, Ana-jarlen, 30 Dison-jarlen,
Eser-jarlen, Disan-jarlen. Det var jarlarne åt horitarne,
fylkeshovdingarne deira, i Se'irlandet. 31 Og dette er
dei kongarne som rådde yver Edomlandet, fyrr det
rådde nokon konge yver Israels-folket. 32 Bela, son
åt Beor, var konge i Edom, og byen han sat i heitte
Dinhaba. 33 Og Bela døydde, og Jobab, son åt Zerah,
frå Bosra, vart konge i staden hans. 34 Og Jobab
døydde, og Husam frå Temanitarlandet vart konge i
staden hans. 35 Og Husam døydde, og Hadad, son åt
Bedad, vart konge i staden hans; han var det som vann
yver midjanitarne på Moabmoen. Og byen hans heitte
Avit. 36 Og Hadad døydde, og Samla frå Masreka vart
konge i staden hans. 37 Og Samla døydde, og Saul
frå Rehobot uppmed åi vart konge i staden hans. 38
Og Saul døydde, og Ba'al-Hanan, son åt Akbor, vart
konge i staden hans. 39 Og Ba'al-Hanan, son åt Akbor,
døydde, og Hadar vart konge i staden hans, og hans
by heitte Pa'u; og kona hans heitte Mehetabel, dotter
åt Matred, som var dotter åt Mezahab. 40 Og dette er
jarlarne av Esau-ætti, etter sine ætter, i sine bustader,
med sine namn: Timna-jarlen, Alva-jarlen, Jetet-jarlen,
41 Åhålibama-jarlen, Ela-jarlen, Pinon-jarlen, 42 Kenaz-
jarlen, Teman-jarlen, Mibsar-jarlen, 43 Magdiel-jarlen,
Iram-jarlen. Det var jarlarne i Edom, etter bustaderne
sine i det landet dei åtte. Dette var ætti hans Esau, far
åt Edom-folket.

**37** Jakob vart buande i Kana'ans-landet, der som
far hans hadde halde til. 2 Dette er soga um
Jakobs-ætti: Då Josef var syttan år gamall, gjætte han
fenaden i lag med brørne sine; han var busvein hjå
sønerne til Bilha og Zilpa, konorne åt far hans, og alt
det vonde som vart sagt um deim, gjekk Josef til far
deira med. 3 Men Israel heldt Josef kjærast av alle
borni sine, for han hadde fenge honom på sine gamle
dagar; og han gjorde ein sid ermekjole åt honom. 4 Og
då brørne hans såg at far deira heldt meir av honom

enn av alle brørne hans, vart dei hatige på honom,
og kunde ikkje tala eit godt ord til honom. 5 Ein gong
hadde Josef ein draum, som han fortalde brørne sine,
og då vart dei endå meir hatige på honom. 6 «No skal
de høyra kva eg hev drøymt, » sagde han til deim.
7 «Eg tykte me var utpå åkeren og skar. Best det
var, reiste mitt kornband seg upp og stod, og dykkar
kornband stod rundt ikring og bøygde seg for mitt.» 8
Då sagde brørne hans med honom: «Skal du, kann
henda, verta kongen vår og råda yver oss?» Og sidan
hata dei honom endå meir for draumarne og rødorne
hans. 9 So hadde han ein draum att, og den fortalde
han og brørne sine. «Veit de kva eg no hev drøymt?»
sagde han: «Eg tykte soli og månen og elleve stjernor
lagde seg å gruve for meg.» 10 Men då han sagde
det med far sin og brørne sine, skjemde far hans på
honom og sagde med honom: «Kva er det no du hev
drøymt att! Skulde eg og mor di og brørne dine koma
og leggja oss å gruve for deg?» 11 Og brørne hans var
ovundsjuke på honom, men far hans lagde seg dette
på minne. 12 So var det ein gong brørne hans var
av og gjætte buskapen åt far sin burtmed Sikem. 13
Då sagde Israel med Josef: «Gjæter ikkje brørne dine
burtmed Sikem? Kom, eg vil senda deg til deim!» Og
han svara: «Ja, her er eg.» 14 Då sagde Israel med
honom: «Kjære deg, gakk av og sjå korleis det stend
til med brørne dine og korleis det er med buskapen, og
kom so heim att og seg meg det!» Dermed so sende
han Josef av stad frå Hebrondalen, og so kom han til
Sikem. 15 Medan han no vanka umkring i marki, møtte
han ein mann, og mannen tala til honom og spurde:
«Kva leitar du etter?» 16 «Eg leitar etter brørne mine, »
svara han. «Kjære deg, seg meg kvar dei gjæter!» 17
«Dei hev teke ut herifrå, » sagde mannen: «Eg høyrde
dei sagde: «No vil me til Dotan.»» So gjekk Josef til
Dotan, og der fann han brørne sine. 18 Dei såg honom
langt burte, og fyrr han kom innåt deim, samråddest
dei um å drepa honom, 19 og dei sagde seg imillom:
«Sjå, der kjem denne stordrøymaren! 20 Kom og lat
oss slå honom i hel og kasta honom ned i ein av desse
brunnarne her, og so segja at eit udyr hev ete honom
upp! Då skal me sjå kva det vert av draumarne hans.»
21 Då Ruben høyrde det, vilde han berga honom utor
henderne deira og sagde: «Lat oss ikkje taka livet
hans!» 22 Og Ruben sagde med deim: «Lat det ikkje
renna blod! Kasta honom heller ned i denne brunnen,
som er i øydemarki, men legg ikkje hand på honom!»
Dette sagde han av di han vilde berga honom utor
henderne deira og få honom heim att til far hans. 23
Då no Josef var komen innåt brørne sine, hadde dei av
honom kjolen hans, den side ermekjolen han gjekk i,
24 og tok og kasta honom ned i brunnen; men brunnen
var tom; det var ikkje vatn i honom. 25 So sette dei
seg ned, og vilde få seg mat. Men då dei såg upp
og skoda kring seg, vart dei vare eit ferdafylgje: det
var ismaelitar, som kom frå Gilead, og førde kryddor
og balsam og rosekvåda på kamelarne sine; det var
dei på veg til Egyptarland med. 26 Då sagde Juda
med brørne sine: «Kva bate hev me av det at me
slær bror vår i hel og dyl dråpet? 27 Kom, og lat oss
selja honom til ismaelitarne, og ikkje leggja hand på
honom; han er då bror vår, vårt eige kjøt og blod!» Og
brørne hans lydde honom, 28 og då kjøpmennerne -
dei var frå Midjan - for framum, drog dei Josef upp or
brunnen, og so selde dei Josef for tjuge sylvdalar til
ismaelitarne; og dei tok Josef med seg til Egyptarland.
29 So kom Ruben attende til brunnen, men då han
skulde sjå, var ikkje Josef i brunnen. Då reiv han sund
klædi sine, 30 og han gjekk attende til brørne sine,
og sagde: «Sveinen er der ikkje! Og eg, kvar skal eg
no gjera av meg?» 31 So tok dei kjolen åt Josef, og
slagta ein bukk, og duppa kjolen i blodet. 32 Og dei
sende ermekjolen heim til far sin og sagde: «Denne
hev me funne. Sjå etter um det ikkje er kjolen åt son
din!» 33 Og han kjende honom att, og sagde: «Jau,
det er kjolen åt son min. Eit udyr hev ete honom upp.
Josef er ihelriven!» 34 Og Jakob reiv sund klædi sine,
og sveipte ein sekk um mjødmarne, og syrgde yver
son sin i lang, lang tid. 35 Og alle sønerne og døtterne
hans kom og vilde trøysta honom, men han let seg
ikkje trøysta; «Med sorg og sut lyt eg fara ned til son
min i nåheimen!» sagde han. Og far hans gret yver
honom; (Sheol h7585) 36 men midjanitarne selde honom
i Egyptarland, til Potifar, som var hirdmann hjå Farao
og hovding yver livvakti.

**38** I same tidi bar det so til at Juda for nedyver
frå brørne sine, og gav seg til hjå ein mann i
Adullam som heitte Hira. 2 Der såg Juda dotter åt ein
kananitisk mann som heitte Sua, og han tok henne til
kona, og budde i hop med henne. 3 Og ho vart med
barn, og åtte ein son; honom kalla han Er. 4 So vart
ho med barn ein gong til, og åtte ein son, og ho kalla
honom Onan. 5 Sidan åtte ho endå ein son, og kalla
honom Sela; då ho fekk honom, var Juda i Kezib. 6
Og Juda feste ei kone åt Er, eldste son sin; ho heitte
Tamar. 7 Men Herren tykte ille um Er, eldste son åt
Juda, og Herren laga det so at han døydde. 8 Då
sagde Juda med Onan: «Tak brorkona di heim til deg,
og gift deg med henne, so du held uppe ætti åt bror
din!» 9 Men Onan visste at borni ikkje skulde vera
hans; og når han låg med enkja etter bror sin, let han
det spillast på jordi, so han ikkje skulde gjeva bror sin
avkjøme. 10 Og Herren tykte ille um det han gjorde, og
laga det so at han og døydde. 11 Då sagde Juda til

Tamar, sonekona si: «No lyt du sitja enkja i huset åt
far din, til Sela, son min, er vaksen!» For han tenkte:
«Elles kjem han og til å døy, som brørne hans.» So for
Tamar heim att, og budde hjå far sin. 12 Då det leid
frametter ei tid, døydde dotter åt Sua, kona hans Juda.
Og då syrgjetidi var ute, gjekk Juda upp til Timna, til
deim som klypte sauerne hans, både han og venen
hans, Hira frå Adullam. 13 Og Tamar fekk spurt det; for
det kom ein og sagde med henne: «Sjå, verfar din
er på veg upp til Timna og vil klyppa sauerne sine.»
14 Då lagde ho av seg enkjebunaden sin, og kasta
på seg ei kåpa og sveipte henne vel kring seg, og so
sette ho seg frammed ledet utfor Enajim, på vegen til
Timna. For ho såg at Sela var vaksen, og at ho ikkje
fekk honom. 15 Då Juda såg henne, tenkte han det
var ei skjøkja, av di ho heldt kåpa attfor andlitet. 16
So tok han av vegen, og gjekk innåt henne og sagde:
«Kom og lat meg få liggja med deg!» For han visste
ikkje at det var sonekona hans. Då sagde ho: «Kva
gjev du meg, er so du fær liggja med meg?» 17 «Eg
skal senda deg eit kid av buskapen min, » sagde han.
«Gjev meg so noko i vissa då, til du sender meg det!»
sagde ho. 18 «Kva vissa skal eg gjeva deg?» sagde
han. «Seglringen din og lekkjet ditt og staven som du
hev i handi, » sagde ho. Det gav han henne, og so
fekk han liggja med henne, og ho vart fremmeleg med
honom. 19 Og ho stod upp og gjekk sin veg, og lagde
av seg kåpa og hadde på seg enkjebunaden sin. 20 Og
Juda sende kidet med venen sin, han frå Adullam, og
bad honom få att vissa av kvinna; men han fann henne
ikkje. 21 Og han spurde folki i grendi hennar og sagde:
«Kvar er skjøkja, ho i Enajim, frammed vegen?» Men
dei sagde: «Det hev ikkje vore nokor skjøkje her.»
22 So kom han attende til Juda og sagde: «Eg fann
henne ikkje, og folki der i grendi sagde endå det: «Det
hev ikkje vore nokor skjøkja her.»» 23 Då sagde Juda:
«Lat henne hava det, so me ikkje fær skam av dette!
Kidet veit du no eg hev sendt, men du fann henne
ikkje.» 24 So var det på lag tri månader etter, då kom
dei og sagde med Juda: «Tamar, sonekona di, hev
lagt seg burt, so ho jamvel hev vorte med barn.» Då
sagde Juda: «Leid henne ut! Ho skal brennast.» 25 Då
dei so leide henne ut, sende ho bod til verfar sin og
sagde: «Det er med den mannen som eig dette, at eg
hev vorte med barn. Du skulde vel ikkje vita kven som
eig denne seglringen og lekki og staven?» sagde ho.
26 Og Juda kjendest med det, og sagde: «Ho er i sin
gode rett imot meg; for eg let henne ikkje få Sela, son
min.» Og han låg ikkje med henne meir. 27 Då det so
leid til at ho skulde eiga barn, sjå, då var det tvillingar i
livet hennar. 28 Og i det same ho fødde, rette den eine
handi fram. Då tok ljosmori og batt ein raud tråd kring
handi hans, og sagde: «Denne kom fyrst.» 29 Men so
drog han handi attende, og då kom bror hans fram! Då
sagde ho: «Korleis er det du bryt deg fram!» Og dei
kalla honom Peres. 30 So kom bror hans, han som
hadde den raude tråden kring handi. Honom kalla dei
Zerah.

**39** Og Josef, han vart førd ned til Egyptarland, og
Potifar, ein egyptar, som var hirdmann hjå Farao
og hovding yver livvakti, kjøpte honom av ismaelitarne,
som hadde ført honom dit. 2 Men Herren var med
Josef, so han vart ein mann som alt gjekk vel for. Han
vart verande hjå husbonden sin, egyptaren, 3 og då
husbonden hans såg at Herren var med honom og
let alt han gjorde, lukkast for honom, 4 so vart Josef
både gjæv og gild i hans augo, og laut ganga honom
til handa; og han sette honom til å styra huset sitt, og
alt han åtte, lagde han i hans hender. 5 Og alt ifrå den
tid han hadde sett honom yver huset sitt og yver alt
det han åtte, so velsigna Herren huset åt egyptaren
for Josef skuld; det fylgde ei Herrens velsigning med
alt det han åtte, både i hus og på mark. 6 So let han
då Josef råda yver alt det han åtte, og såg ikkje etter
med honom i nokon ting, anna berre åt og drakk. Josef
var både velvaksen og væn. 7 Og det hende, då det
leid um ei tid, at kona åt husbonden hans kasta augo
på Josef og sagde: «Kom og ligg med meg!» 8 Men
han bar seg undan, og sagde med kona åt husbonden
sin: «Sjå, husbonden min ser ikkje etter med meg i
nokon ting i heile huset; alt han eig, hev han lagt i mine
hender. 9 Han hev ikkje meir å segja i dette huset enn
eg, og hev ikkje meinka meg nokon ting utan deg,
etter di du er kona hans. Korleis kunde eg då gjera so
stygg ei gjerning, og so synda mot Gud?» 10 Som ho
no tala til Josef dag etter dag, og han ikkje vilde lyda
etter henne og liggja innmed henne eller vera i hop
med henne, 11 so hende det ein gong at han kom inn i
huset og skulde gjera arbeidet sitt, og det var ingen av
husens folk inne. 12 Då greip ho honom i kjolen og
sagde: «Kom og ligg med meg!» Men han rømde ut
og let kjolen etter seg i henderne hennar. 13 Då ho
såg at han hadde rømt ut, og at kjolen hans var att
i henderne hennar, 14 so ropa ho på husfolket sitt,
og sagde med deim: «Sjå, her hev han drege innpå
oss ein hebraisk mann, som fer og vil gantast med
oss. Han kom inn til meg og vilde liggja med meg. Då
ropa eg so høgt eg kunde, 15 og då han høyrde eg
sette i og ropa, rømde han brått ut, og kjolen hans vart
liggjande att hjå meg.» 16 So let ho kjolen hans liggja
hjå seg til husbonden hans kom heim. 17 Då sagde
ho det same med honom: «Den hebraiske tenaren,
» sagde ho, «som du hev drege inn i huset åt oss,
kom inn til meg og tok til å gantast med meg. 18 Men

då eg sette i og ropa, brårømde han ut, og kjolen
hans vart liggjande att hjå meg.» 19 Då no husbonden
hans høyrde rødorne åt kona si, korleis ho lagde ut
og sagde: «So og so for tenaren din åt mot meg, »
so vart han brennande harm. 20 Og husbonden hans
Josef tok honom og sette honom i fangetårnet, der
dei sat dei som kongen heldt fengsla, og han vart
verande der i fangetårnet. 21 Men Herren var med
Josef, og vende alle hjarto til honom, og laga det so at
styresmannen i fangetårnet fekk godvilje for honom.
22 Og styresmannen i fangetårnet sette Josef til å sjå
etter alle fangarne som var i tårnet, og alt som der
skulde gjerast, det laut han gjera. 23 Styresmannen i
fangetårnet såg ikkje etter nokon verdeleg ting som
Josef hadde under hender. For Herren var med honom;
og kva han so gjorde, so lagde Herren lukka til.

**40** Ei tid etter dette hadde gjenge fyre seg, hende det
at skjenkjaren og bakaren åt kongen i Egyptarland
forsåg seg mot herren sin, kongen i Egyptarland.
2 Og Farao vart harm på båe hirdmennerne sine,
skjenkjarmeisteren og bakarmeisteren, 3 og sette deim
faste hjå hovdingen yver livvakti, i tårnet, der Josef
sat fanga. 4 Og hovdingen yver livvakti sette Josef
til å sjå til deim, og han gjekk deim til handa. Og dei
vart sitjande ei tid i fangehuset. 5 Ein gong hadde dei
kvar sin draum, båe tvo, skjenkaren og bakaren åt
kongen i Egyptarland, dei som sat fanga i tårnet; i ei
og same natti hadde dei kvar sin draum, og draumarne
deira hadde kvar si meining. 6 Og då Josef kom inn til
deim um morgonen, såg han det på deim at dei var i
ulag. 7 Då tala han til hirdmennerne åt Farao, deim
som sat fengsla med honom hjå husbonden hans, og
spurde: «Kvi er de so sturne av dykk i dag?» 8 «Me
hev drøymt, » svara dei, «og det er ingen som kann
tyda draumarne våre.» Då sagde Josef med deim: «Er
det ikkje Gud som råder for uttydingi! Seg de meg
kva de hev drøymt!» 9 So fortalde skjenkjarmeisteren
Josef draumen sin og sagde med honom: «Eg tykte
so skilleg det stod eit vintre framfyre meg, 10 og på
det vintreet var det tri greiner. Og det syntest skjota
knuppar, blomarne spratt, kartarne mogna til druvor.
11 Og staupet åt Farao heldt eg i handi, og druvorne tok
eg og kreista utor deim upp i staupet åt Farao, og so
rette eg staupet til Farao.» 12 Og Josef sagde med
honom: «Dette er so å tyda: Dei tri greinerne, det er tri
dagar. 13 Når det lid um tri dagar, skal Farao retta upp
hovudet ditt og setja deg inn att i romet ditt, og du skal
retta staupet til Farao, som du fyrr var van med å gjera,
den tid du var skjenkjaren hans. 14 Men kom no i hug
meg, når du hev fenge det godt! Kjære væne, gjer vel
og tala um meg til Farao, so eg kann koma ut or dette
huset! 15 For eg er stolen frå Hebræarlandet, og her
hev eg ikkje heller gjort noko som dei skulde setja meg
i fangeholet for.» 16 Då bakarmeisteren såg at han
hadde gjeve so god ei uttyding, sagde han med Josef:
«Eg tykte so skilleg eg bar tri korger med kveitebrød
uppå hovudet. 17 Og i den øvste korgi var allslags
kakor, som var baka åt Farao, og fuglarne åt deim upp
utor korgi på hovudet mitt.» 18 Og Josef tok til ords og
sagde: «Dette er so å tyda: Dei tri korgerne, det er tri
dagar. 19 Når det lid um tri dagar, skal Farao retta upp
hovudet ditt og hogge det av deg; so skal han hengja
deg i eit tre, og fuglarne skal eta kjøtet av deg.» 20 So
hende det den tridje dagen - det var årmålsdagen åt
Farao - då gjorde han eit gjestebod for alle mennerne
sine; og han rette upp hovudet åt skjenkjarmeisteren
og bakarmeisteren imillom mennerne sine. 21 Han
sette skjenkjarmeisteren inn att i embættet hans, so
han fekk retta staupet til Farao, 22 og bakarmeisteren
hengde han, so som Josef hadde spått deim. 23 Men
skjenkjarmeisteren kom ikkje i hug Josef; han gløymde
honom.

**41** So hende det ei tvo års tid etter, at Farao
drøymde han stod nedmed elvi. 2 Og sjå, upp
or elvi kom det sju kyr, væne å sjå til og holduge, og
dei gjekk og beitte i storren. 3 Og etter deim kom det
sju andre kyr upp or elvi, stygge å sjå til og turrvorne,
og dei stod på elvbakken, hjå dei fyrste kyrne. 4 Og
dei stygge og turrvorne kyrne åt upp dei sju væne og
holduge kyrne. Då vakna Farao. 5 So sovna han att,
og hadde ein draum til. Han tykte han såg sju aks
som skaut upp på eitt strå, og var tjukke og væne. 6
Og etter deim rann det upp sju aks som var tome og
svidne av austanvinden. 7 Og dei tome aksi gløypte
dei sju tjukke og fulle aksi. Då vakna Farao, og skyna
at han hadde drøymt. 8 Men um morgonen hadde han
slik uro i seg. So sende han bod og kalla til seg alle
runemeistrar i Egyptarland, og alle dei vise menner
der var. Og Farao fortalde deim draumarne sine; men
det var ingen som kunde tyda deim for honom. 9
Då tala skjenkjarmeisteren til Farao og sagde: «Mine
eigne synder lyt eg minna um i dag: 10 Farao vart ein
gong harm på tenarane sine, og sette meg fast hjå
hovdingen yver livvakti, både meg og bakarmeisteren.
11 Då hadde me kvar sin draum same natti, eg og
han, og draumarne våre hadde kvar si meining. 12 Og
det var ein hebraisk gut med oss der; han var tenar
hjå hovdingen yver livvakti. Honom fortalde me det,
og han tydde draumarne for oss; etter som kvar av
oss hadde drøymt til, tydde han deim. 13 Og so som
han spådde oss, so gjekk det: eg vart sett inn att i
romet mitt, og hin vart hengd.» 14 So sende Farao bod
etter Josef. Då skunda dei seg og slepte honom ut or
fengslet; og han raka seg og bytte klæde, og so gjekk

han fram for Farao. 15 Og Farao sagde til Josef: «Eg
hev havt ein draum, og det er ingen som er god til å
tyda honom. Men eg hev høyrt sagt um deg, at berre
du høyrer ein draum, so tyder du honom med same.»
16 Og Josef svara Farao og sagde: «Eg råder ikkje
for det. Gud vil visst gjeva eit svar som spår lukke for
Farao.» 17 So sagde Farao til Josef: «Eg drøymde
eg stod på elvbakken. 18 Og sjå, upp or elvi det sju
kyr, feite på hold og væne på skapnad, og dei beitte i
storren. 19 Og etter deim kom det upp sju andre kyr,
skrinne og ovleg stygge på skapnad og turre på hold;
eg hev aldri set so ljote kyr i heile Egyptarlandet. 20
Og dei skrinne og stygge kyrne åt upp dei sju fyrste,
holduge kyrne. 21 Dei sokk i skrovet deira; men det
synte ikkje at dei hadde fenge deim i seg; dei var
stygge å sjå til, som dei hadde vore. Då vakna eg. 22
Sidan drøymde eg at eg såg sju aks som skaut upp
på eitt strå, og var fulle og væne. 23 Og etter deim
rann det upp sju aks som var turre og tome og svidne
av austanvinden. 24 Og dei tome aksi gløypte dei sju
gode aksi. Eg sagde det med runemeistrarne, men
ingen kunde greida det for meg.» 25 Då sagde Josef
med Farao: «Alt det Farao hev drøymt, er ein draum.
Det Gud vil gjera, hev han gjort kunnigt for Farao. 26
Dei sju væne kyrne, det er sju år, og dei sju gode aksi,
det er og sju år; det er ein og same draumen. 27 Og
dei sju skrinne og stygge kyrne, som kom upp etterpå
hine, det er sju år, og dei sju aksi som var tome og
svidne av austanvinden; det er sju uår, som skal koma.
28 Det er som eg sagde med Farao: Det Gud vil gjera,
det hev han synt Farao. 29 Sjå, no kjem det sju år
med ovnøgd og rikdom i heile Egyptarlandet. 30 Men
etter deim skal det koma sju uår, so all ovnøgdi vert
gløymd i Egyptarland, og uåri skal arma ut landet. 31
Og ingen skal minnast ovnøgdi som var i landet, for
den naudi som kjem etterpå; for den vert ovleg hard.
32 Og det at draumen kom fyre Farao tvo vendor, det
kjem seg av di at Gud er fastrådd på dette, og at han
vil gjera det snart. 33 No skulde Farao sjå seg ut ein
vitug og vis mann, og setja honom yver Egyptarlandet.
34 Det skulde Farao gjera, og so skulde han setja inn
futar utyver landet, som skal krevja inn femte luten
av grøda i Egyptarland i dei sju ovnøgdaråri. 35 Og
dei skal samla alle slag mat i desse gode åri som
kjem, og dunga upp matkorn i byarne, og taka vare
på det for Farao. 36 Og maten skal vera til ei berging
for landet i dei sju uåri som kjem i Egyptarland, so
landet ikkje skal øydast av svolt.» 37 Dei ordi tykte
dei godt um, både Farao og alle mennerne hans. 38
Og Farao sagde med mennerne sine: «Skal tru me
finn maken til honom? - ein mann som er full av Guds
ande!» 39 So sagde Farao med Josef: «Etter di Gud
hev late deg vita alt dette, so er ingen so vitug og vis
som du. 40 Du skal standa fyre huset mitt, og etter ditt
ord skal heile folket mitt retta seg. Berre kongsstolen
vil eg hava framum deg. 41 Sjå, eg set deg yver heile
Egyptarlandet, » sagde Farao med Josef. 42 Og Farao
tok seglringen av handi si og sette på handi hans
Josef, og klædde honom i kvite linklæde, og hengde
eit gullekkje kring halsen hans. 43 Og han let honom
køyra i den vogni som var næst etter hans eigi vogn,
og dei ropa framfyre honom: «Abrek!» Og han sette
honom yver heile Egyptarlandet. 44 Og Farao sagde
med Josef: «Eg er Farao! Ingen skal røyva hand eller
fot i heile Egyptarlandet, utan at du vil det.» 45 Og
Farao kalla Josef Safnat-Paneah, og gav honom Asnat
til kona; ho var dotter åt Potifera, presten i On. So tok
Josef til å ferdast kring i Egyptarland. 46 Josef var
tretti år gamall, då han stod framfor Farao, kongen
i Egyptarland. Og Josef bad vel liva med Farao, og
for heile Egyptarlandet igjenom. 47 Og jordi bar inn
i haugevis i dei sju ovåri. 48 Og han samla allslags
grøda av sju årsavlingar, som dei fekk i Egyptarland,
og lagde upp mat i byarne. I kvar by lagde han upp
grøda av åkrarne som låg ikring. 49 Og Josef hauga
upp korn som havsens sand, uhorveleg mykje, til dei
heldt upp å telja; for det var ikkje tal på. 50 Fyrr det
fyrste uåret kom, fekk Josef tvo søner med Asnat,
dotter åt Potifera, presten i On. 51 Og Josef kalla
den fyrste Manasse - «av di, » sagde han, «Gud let
meg gløyma all mi møda og heile mi ætt.» 52 Og den
andre kalla han Efraim - «av di, » sagde han, «Gud let
meg veksa i det landet som eg leid vondt i.» 53 So
leid dei til endes dei sju åri då det var slik ovnøgd i
Egyptarlandet, 54 og dei sju uåri tok til å koma, som
Josef hadde sagt; då vart det naud og svolt i alle land,
men i heile Egyptarlandet, der var brød. 55 Og heile
Egyptarland svalt, og folket ropa til Farao etter brød.
Då sagde Farao med alle egyptarane: «Gakk til Josef!
Det han segjer til dykk, skal de gjera!» 56 Og naudi
breidde seg yver heile jordi. Men Josef let upp alle
kornbuderne og selde til egyptarane; for naudi var
hard i Egyptarlandet. 57 Og frå heile verdi kom dei til
Egyptarland og vilde kjøpa korn hjå Josef; for naudi
var stor all verdi yver.

**42** Då Jakob høyrde at det var korn i Egyptarland,
sagde han med sønerne sine: «Kvi sit de og
stirer på kvarandre? 2 Eg hev fenge spurt, » sagde
han, «at dei hev korn i Egyptarland. Far no der ned
og kjøp korn åt oss, so me kann halda livet og ikkje
døy burt!» 3 Og brørne hans Josef tok nedigjenom,
ti i talet, og vilde kjøpa korn i Egyptarland. 4 Men
Benjamin, rettebror åt Josef, sende Jakob ikkje av
stad med brørne hans; han var rædd det kunde henda

honom ei ulukka. 5 So kom då Israels-sønerne og vilde
kjøpa korn, millom alle dei andre som kom; for det var
uår i Kana'ans-land. 6 Men Josef var den som rådde i
landet. Han var det som selde korn til all landslyden.
Og brørne hans Josef kom og lagde seg å gruve for
honom. 7 Då Josef såg brørne sine, kjende han deim
att, men lest ikkje ved vera; han tala strengt til deim og
spurde: «Kvar er de frå?» «Frå Kana'ans-land, » sagde
dei. «Me kjem og vil kjøpa grjon.» 8 Josef kjende att
brørne sine, men dei kjende ikkje honom. 9 Og Josef
laut minnast det som han hadde drøymt um deim, og
sagde med deim: «De er njosnarar, de kjem og vil sjå
kvar landet er lettast å taka.» 10 «Nei, gode herre, »
sagde dei; «tenarane dine vil berre kjøpa grjon. 11 Me
er alle søner åt ein mann. Me er ærlege folk: tenarane
dine hev aldri vore njosnarar.» 12 «Jau, » sagde han,
«de kjem og vil sjå kvar landet er lettast å taka.» 13 Då
sagde dei: «Tenarane dine er tolv brør og søner åt ein
mann i Kana'ans-landet. Og den yngste av oss er no
heime hjå far vår, men ein er ikkje til lenger.» 14 Då
sagde Josef med deim: «Det er som eg hev sagt: De
er njosnarar. 15 Men no vil eg røyna dykk: So visst
som Farao liver, de slepp ikkje herifrå, fyrr yngste bror
dykkar kjem hit. 16 Ein av dykk skal fara i vegen og
henta bror dykkar, og dei andre vil eg halda fengsla,
so det kann røynast um det er sant, det de segjer;
og er det ikkje det, so er de njosnarar, so visst som
Farao liver!» 17 So heldt han deim alle saman fengsla
i tri dagar. 18 Og tridje dagen sagde Josef med deim:
«Gjer no som eg segjer, so skal de få liva! Eg hev
age for Gud! 19 Er de ærlege folk, so skal ein av dykk
brør vera att i fangehuset, men de andre kann fara i
vegen og hava med dykk korn til livberging for deim
som heime er. 20 Og den yngste bror dykkar skal de
koma hit til meg med, so ordi dykkar kann sannast,
og de ikkje skal missa livet.» Og dei so gjorde. 21
Og dei sagde seg imillom: «Å ja, ja, kor vel me er
verde dette, for det me gjorde mot bror vår! Me såg
kor hjarterædd han var, då han bad so vænt for seg,
og endå høyrde me ikkje på honom. Difor er me no
komne i slik naud.» 22 Då tok Ruben til ords og sagde:
«Var det ikkje det eg sagde dykk, at de ikkje skulde
fara so stygt med guten? Men de vilde ikkje høyra. Og
sjå, no kjem hemnen for blodet hans!» 23 Men dei
visste ikkje at Josef skyna det; for han bruka tolk, når
han tala med deim. 24 Og han snudde seg frå deim og
gret. So kom han innåt deim att, og tala til deim, og
han tok Simeon ifrå deim, og batt honom, so dei såg
på det. 25 Sidan sagde Josef frå, at dei skulde fylla
sekkjerne deira med korn og leggja pengarne åt kvar
av deim att i sekken hans, og gjeva deim nista med på
vegen. Og so vart gjort. 26 So klyvja dei kornet på asni
sine, og for sin veg. 27 Men då ein av deim løyste upp
klyvi si og vilde gjeva asnet for på kvilestaden, fekk
han sjå pengarne sine: dei låg ovanpå i sekken hans.
28 Og han sagde med brørne sine: «Pengarne mine
hev kome att! Sjå, her ligg dei i sekken min.» Då vart
dei reint ille ved; dei såg på kvarandre og skalv, og
sagde: «Kva er det Gud hev gjort mot oss her?» 29 So
kom dei heim til Jakob, far sin, i Kana'ans-landet, og
dei fortalde honom alt det som hadde hendt deim, og
sagde: 30 «Mannen som råder der i landet, tala strengt
til oss, og tok oss for folk som vilde njosna ut landet.
31 Då sagde me med honom: «Me er ærlege folk;
me hev aldri vore njosnarar. 32 Me er tolv brør, alle
sønerne åt far vår. Ein av oss er ikkje til lenger, og den
yngste er endå heime hjå far vår i Kana'ans-landet.»
33 Og mannen som råder der i landet, sagde med oss:
«Dette vil eg hava til merke på at de er ærlege folk:
Ein av dykk brør skal vera att hjå meg, og de andre
kann taka med dykk det de treng til livberging for deim
som heime er, og fara i vegen, 34 og so lyt de koma til
meg att med yngste bror dykkar, so eg fær sjå at de
ikkje er njosnarar, men ærlege folk. Då skal de få att
bror dykkar, og de kann fara fritt kringum i landet.»»
35 Då dei so tømde sekkjerne sine, då fann kvar sitt
pengeknyte i sekken sin; dei såg det både dei og far
deira, at det var deira eigne pengeknyte, og vart fælne.
36 Og Jakob, far deira, sagde med deim: «De gjer meg
reint barnlaus; Josef er burte, og Simeon er burte, og
no vil de taka Benjamin og ifrå meg; det kjem yver
meg, alt dette.» 37 Då sagde Ruben med far sin: «Båe
sønerne mine kann du drepa, kjem eg ikkje heim til
deg att med honom! Gjev honom berre i mine hender!
Eg skal hava honom heim att til deg.» 38 Men han
svara: «Son min skal ikkje fara med dykk der ned. For
bror hans er burte, og han er att åleine, og hender det
honom nokor ulukka på den vegen de ferdast etter, so
kjem de til å senda dei grå hår mine med sorg ned i
nåheimen.» **(Sheol h7585)**

**43** Men svolten var hard i landet. 2 Og då det traut
det kornet dei hadde havt heim frå Egyptarland,
sagde far deira med deim: «Far i vegen att og kjøp oss
noko grjon!» 3 Då sagde Juda med honom: «Denne
mannen lyste so strenge ord og sagde: «De skal ikkje
koma for augo mine, utan yngste bror dykkar er med.»
4 Vil du no lata bror vår få vera med oss, so skal me
fara ned og kjøpa grjon åt deg. 5 Men sender du
honom ikkje med, so vil me ikkje fara. For mannen
sagde: «De skal ikkje koma for augo mine, utan bror
dykkar er med.»» 6 Då sagde Israel: «Kvi gjorde de
meg so ille imot og sagde det med mannen at de
hadde endå ein bror?» 7 Og dei svara: «Mannen
spurde oss ut både um oss og ætti vår, og sagde:

«Liver far dykkar endå? Hev de nokon bror?» So svara
me, som han spurde til. Kor kunde då me tenkja at han
skulde segja: «Kom hit med bror dykkar!»» 8 Og Juda
sagde med Israel, far sin: «Send du sveinen med meg,
so vil me oss reiduge og fara, so me kann halda livet
og ikkje døy burt, både me og du og småborni våre.
9 Eg skal svara for honom. Av meg kann du krevja
honom att. Kjem eg ikkje heim til deg att med honom
og set honom framfyre deg, so skal eg bera skuldi
for det all min dag. 10 For hadde me ikkje drygt so
lenge, so kunde me no vore heim att tvo vendor.» 11
Då sagde Israel, far deira, med deim: «Er det ikkje
onnor råd, so gjer som eg segjer: Tak med dykk i
sekkjerne dykkar av alt det gjævaste som finst i landet,
noko balsam og noko honning, kryddor og rosekvåda,
pistacie-neter og mandlar! Det skal vera ei gåva til
mannen. 12 Og tak ein gong til so mange pengar med
dykk! For dei pengarne som kom att og låg ovanpå
i sekkjerne dykkar, fær de hava med attende; kann
henda det berre var eit mistak. 13 Tak so bror dykkar
med, og gjer dykk reiduge, og far attende til mannen!
14 Og Gud den Allvelduge late dykk møta godvilje
hjå mannen, so han sender Benjamin og den andre
bror dykkar med dykk heim att. Og eg - skal eg vera
barnlaus, so fær eg vera barnlaus!» 15 So tok dei
gåva, og ein gong til so mange pengar tok dei med
seg, og so Benjamin. Og dei gav seg på vegen, og for
ned til Egyptarland, og gjekk fram for Josef. 16 Då
Josef såg at Benjamin var med deim, sagde han med
den som stod fyre huset hans: «Bed desse mennerne
inn, og slagta eit naut og laga det til; for dei skal eta til
middags med meg.» 17 Og mannen gjorde som Josef
sagde, og bad deim inn i huset åt Josef. 18 Men då
dei skulde inn i huset åt Josef, vart dei rædde, og
sagde: «Det er nok for dei pengarne skuld som låg att
i sekkjerne våre fyrre gongen, at me skal her inn. Dei
kjem til å velta seg inn på oss, og kasta seg yver oss,
og taka oss til trælar, med asni våre.» 19 So gjekk
dei burt til mannen som stod fyre huset hans Josef,
og tala til honom i husdøri, 20 og sagde: «Høyr her,
gode herre! Du veit me hev vore her ein gong fyrr
og kjøpt grjon. 21 Men då me kom til kvilestaden, og
løyste upp klyvjarne våre, då fann kvar sine pengar
ovanpå i sekken sin; det var våre eigne pengar, med si
fulle vegt, og no hev me deim med oss hit att. 22 Og
andre pengar hev me og med oss, til å kjøpa grjon for.
Me veit ikkje kven som hev lagt pengarne i sekkjerne
våre.» 23 Då sagde han: «Ver de hugheile! Hav ingen
otte på dykk! Dykkar Gud og Gud åt far dykkar hev
lagt ei gåva til dykk i sekkjerne. Pengarne dykkar hev
eg fenge.» So henta han Simeon ut til deim. 24 Sidan
fylgde mannen deim inn i huset hans Josef, og gav
deim vatn, so dei fekk två føterne sine, og gav deim
for til asni. 25 So lagde dei gåvorne til reide, til Josef
skulde koma heim til middags; for dei hadde høyrt at
dei skulde eta der. 26 Då so Josef kom heim, bar dei
inn til honom gåvorne som dei hadde med seg, og
lagde seg å gruve for honom. 27 Og han spurde korleis
dei livde, og sagde: «Stend det vel til med den gamle
far dykkar, som de tala um? Liver han endå?» 28 «Ja,
» svara dei, «det stend vel til med far vår, tenaren din.
Han liver endå.» Og dei bøygde seg og kasta seg å
gruve for honom. 29 Då han fekk auga på Benjamin,
bror sin, son åt hans eigi mor, sagde han: «Er dette
den yngste bror dykkar, som de tala til meg um? -
Gud signe deg, guten min!» sagde han. 30 Og Josef
skunda seg burt. For hjarta hans kløktest, då han såg
bror sin, so han laut få gråta. Og han gjekk inn i koven
og gret. 31 So tvo han seg i andlitet, og gjekk ut att, og
han gjorde seg hard, og sagde: «Set maten fram!» 32
Då sette dei fram, for honom i ser, og for deim i ser,
og for egyptarane i ser, deim som åt hjå honom; for
egyptarane torer ikkje eta i lag med hebræarane; dei
held det for å vare ufjelgt. 33 Dei vart sessa midt fyre
honom etter alderen, frå den eldste til den yngste, og
dei såg på kvarandre og undrast. 34 Og det vart sendt
um til deim av dei retterne som han sjølv åt av, og
Benjamin fekk fem gonger so mykje som dei andre.
Og dei drakk med honom, og vart fjåge.

**44** Sidan sagde han med den som stod fyre huset
hans: «Fyll sekkjerne åt desse mennerne med
grjon, so mykje som dei kann føra, og legg pengarne
åt kvar av deim ovanpå i sekken hans. 2 Og staupet
mitt, sylvstaupet, det skal du leggja øvst i sekken åt
den yngste av deim, i hop med kornpengarne hans.»
Og han gjorde som Josef sagde honom fyre. 3 Um
morgonen, med same det ljosna, let dei mennerne fara
av stad med asni sine. 4 Dei var ikkje langt utum byen
komne, då Josef sagde med den som stod fyre huset
hans: «Upp, og set etter mennerne, og fyrst du når
deim att, so seg ned deim: «Kvi løner de godt med
ilt? 5 Er ikkje dette det staupet som husbonden min
drikk av, og som han plar spå i? Dette var ille gjort
av dykk!»» 6 Og han tok deim att, og sagde dette
med deim. 7 Då sagde dei med honom: «Kvi talar
du soleis, herre? Gud frie tenarane dine frå å gjera
slikte ting. 8 Sjå no, dei pengarne som me fann øvst i
sekkjerne våre, deim hadde me med hit til deg att frå
Kana'ans-landet. Kvi skulde me då stela sylv eller gull
utor huset åt husbonden din? 9 Den av tenarane dine
som det vert funne hjå, han skal døy, og me andre
skal vera trælarne dine.» 10 «Ja, » sagde han, «lat
det vera so som de segjer! Den som det vert funne
hjå, skal vera trælen min, men dei andre skal vera

saklause.» 11 So skunda dei seg, og lyfte klyvjarne
ned på marki, og løyste upp kvar si klyv. 12 Og han
rannsaka; han tok til hjå den eldste, og enda hjå den
yngste. Og staupet vart funne i sekken hans Benjamin.
13 Då reiv dei sund klædi sine, og klyvja på asni att,
og for attende til byen. 14 Og Juda og brørne hans
gjekk inn til huset åt Josef, for han var der endå, og
dei kasta seg å gruve for honom. 15 Og Josef sagde
med deim: «Kva er det de hev gjort no? Veit de ikkje at
ein mann som eg kann finna ut det som er dult?» 16
Då sagde Juda: «Kva skal me segja til deg, herre?
Korleis skal me taka til ords? Kva skal me orsaka oss
med? Gud hev funne brotet åt tenarane dine. Sjå, me
vil vera trælarne dine, både me og han som staupet
vart funne hjå.» 17 Men han sagde: «Gud frie meg frå
å gjera slikt! Den som staupet vart funnen hjå, han
skal vera trælen min. Men de andre kann fara i fred
heim til far dykkar.» 18 Då steig Juda fram for honom
og sagde: «Høyr meg, herre! Lat tenaren din få tala eit
ord til deg, herre, og lat ikkje vreiden din loga upp mot
tenaren din! For du er som Farao sjølv! 19 Du spurde
oss, herre, og sagde: «Hev de nokon far eller bror?»
20 Då sagde me til deg: «Ja, me hev ein gamall far, og
han hev ein liten son, som han fekk på sine gamle
dagar, bror åt denne sveinen er burte, og han er att
åleine etter mor si, og far hans held honom so kjær.»
21 Og du sagde til oss: «Kom hit til meg med honom,
so eg fær sjå honom med mine eigne augo!» 22 Då
sagde me til deg: «Sveinen må ikkje skiljast frå far sin;
skilst han ifrå honom, so døyr faren.» 23 Og du sagde
til oss: «Kjem ikkje yngste bror dykkar hit med dykk, so
skal de ikkje oftare koma for augo mine.» 24 Då me so
kom heim att til far vår, tenaren din, fortalde me honom
kva du hadde sagt, herre. 25 Og far vår sagde: «Far i
vegen att og kjøp noko grjon åt oss!» 26 Då sagde me:
«Me torer ikkje koma der att. Men er yngste bror vår
med oss, so skal me fara der ned. For me fær ikkje
koma mannen for augo utan yngste bror vår er med.»
27 Og far vår sagde med oss: «De veit at eg fekk tvo
søner med kona mi. 28 Og den eine vart burte for meg,
og eg sagde: «Han er visst ihelriven; » for eg hev aldri
set honom sidan. 29 Tek de no denne og ifrå meg, og
vert han fyre ei uheppa, so kjem de til å senda dei grå
håri mine med sut og harm ned i nåheimen.» **(Sheol
h7585)** 30 Skal eg no koma heim til far min, og me hev
ikkje med oss sveinen, som hjarta hans heng so fast
ved, 31 då vert det dauden hans, med same han ser at
sveinen ikkje er med, og me lyt senda dei grå håri åt
far vår med sut og sorg ned i nåheimen. **(Sheol h7585)**
32 For eg tok på meg å svara for sveinen hjå far min,
og sagde: «Kjem eg ikkje heim til deg att med honom,
so skal eg vera saka i det for far min alle mine dagar!»
33 Lat difor meg få vera att i staden for sveinen, og
vera trælen din, og lat sveinen få fara heim att med
brørne sine. 34 For korleis kunde eg koma heim att til
far min, når sveinen ikkje var med? Eg tolde ikkje sjå
på den sorg som då kom yver far min.»

**45** Då kunde ikkje Josef dylja tårorne lenger for
alle deim som stod ikring honom. Han ropa:
«Lat alle ganga ut ifrå meg!» Og det var ingen inne,
då Josef opendaga seg for brørne sine. 2 Og han
brast i og gret so høgt at egyptarane høyrde det, og
dei høyrde det i huset åt Farao. 3 Og Josef sagde
med brørne sine: «Eg er Josef. Liver far min endå?»
Men brørne hans kunde ikkje svara; dei stod der som
dei var klumsa. 4 Då sagde Josef med brørne sine:
«Kjære væne, kom hit til meg!» So gjekk dei burt til
honom. Då sagde han: «Eg er Josef, bror dykkar, som
de selde til Egyptarland. 5 Men no skal de ikkje syta
eller harmast, for di de selde meg hit! Til livberging for
mange hev Gud sendt meg fyre dykk. 6 For no er det
andre året her er svolt i landet, og endå kjem her fem
år til som det korkje vert pløgt eller hausta. 7 Men Gud
sende meg fyre, av di han vilde leiva ætt etter dykk
på jordi, og av di han vilde berga liv for dykk, so det
vart ei stor frelsa. 8 So er det då ikkje de, som hev
sendt meg hit, men Gud, og han hev gjort meg til far
for Farao og til herre yver alt hans hus og til styrar i
heile Egyptarlandet. 9 Skunda dykk og far heim til far
min, og seg med honom: «So segjer Josef, son din:
«Gud hev sett meg til herre yver heile Egyptarland.
Kom no ned til meg! Dryg ikkje! 10 Du skal få bu i
Gosenlandet og vera innmed meg, både du og borni
og barneborni dine, med bufeet ditt, både smått og
stort, og med alt det du hev. 11 Og eg skal syta for
deg der - for endå kjem det fem uår - so det ikkje skal
vanta deg noko, korkje deg eller huslyden din eller
nokon av dine.»» 12 No ser de det med dykkar eigne
augo, og Benjamin, bror min, ser det og, at det er eg
som talar til dykk. 13 Ber då bod til far min um all mi
æra og magt i Egyptarland og um alt de hev set, og
skunda dykk og kom hit att med far min!» 14 So lagde
han armarne um halsen på Benjamin, bror sin, og gret,
og Benjamin gret og innmed barmen hans. 15 Og han
kysste alle brørne sine og gret, medan han heldt deim
i fanget. Og sidan rødde brørne hans med honom.
16 Og det spurdest i huset åt Farao, at brørne hans
Josef var komne, og Farao og mennerne hans vart
fegne. 17 Og Farao sagde med Josef: «Seg du med
brørne dine: «So skal de gjera: de skal klyvja på dyri
dykkar og fara, til de kjem heim til Kana'ans-landet. 18
Då skal de taka far dykkar og huslydarne dykkar og
koma hit til meg, so skal eg gjeva dykk det beste i
Egyptarlandet, og de skal få eta av landsens feita.»

19 Seg du deim frå meg: «So skal de gjera: de skal
taka med dykk vogner frå Egyptarlandet til borni og
konorne dykkar og henta far dykkar og koma. 20 Og de
skal ikkje kvida dykk, um de må fara ifrå husbunaden
dykkar; for det beste i heile Egyptarland skal de få.»»
21 Og Israels-sønerne gjorde so. Og Josef gav deim
vogner, som Farao hadde sagt, og gav deim nista med
på vegen. 22 Og han gav deim alle kvar sin klædnad,
men Benjamin gav han tri hundrad sylvdalar og fem
klædnader. 23 Og sameleis sende han far sin ti asen,
som bar av alt det beste som fanst i Egyptarland, og ti
asenfyljor, som bar korn og brød og mat til far hans på
ferdi. 24 So bad han farvel med brørne sine, og dei for
av stad, og han sagde med deim: «De må ikkje verta
usams på vegen!» 25 So tok dei ut frå Egyptarland, og
kom heim att til Jakob, far sin, i Kana'ans-land. 26 Og
dei bar fram bodet til honom og sagde: «Josef er endå
i live, og han er jamvel styrar yver heile Egyptarland.»
Men han var like kald i hjarta; for han trudde deim
ikkje. 27 So sagde dei honom alt det Josef hadde sagt
med deim, og han såg vognerne som Josef hadde
sendt til å henta honom i. Då kvikna far deira i hugen:
28 «Å du store syn!» sagde Israel, «Josef, son min, er
endå i live! Eg vil av og sjå honom, fyrr eg døyr.»

**46** Og Israel tok ut med alt det han hadde, og då
han kom til Be'erseba, ofra han slagtoffer til
honom som var Gud åt Isak, far hans. 2 Då tala Gud
til Israel i syner um natti, og sagde: «Jakob, Jakob!»
Og han svara: «Ja, her er eg.» 3 Då sagde han: «Eg
er Gud, Gud åt far din. Ver ikkje rædd å fara ned til
Egyptarland; for der vil eg gjera deg til eit stort folk. 4
Eg skal fara med deg ned til Egyptarland, og eg skal
fylgja deg upp att og; det kann du lita på! Og Josef skal
leggja att augo dine.» 5 So tok Jakob ut frå Be'erseba,
og Israels-sønerne køyrde Jakob, far sin, og borni og
konorne sine i dei vognerne som Farao hadde sendt til
å henta honom i. 6 Og dei tok med seg bufeet sitt og
godset sitt, som dei hadde lagt seg til i Kana'ans-land.
So kom dei til Egyptarland, Jakob og all hans ætt med
honom: 7 Sønerne og sonesønerne sine, døtterne og
sonedøtterne sine, heile si ætt, hadde han med seg til
Egyptarland. 8 Og dette er namni på Israels-sønerne
som kom til Egyptarland, Jakob og sønerne hans:
Ruben, eldste son åt Jakob, 9 og sønerne åt Ruben:
Hanok og Pallu og Hesron og Karmi; 10 og sønerne åt
Simeon: Jemuel og Jamin og Ohad og Jakin og Sohar
og Saul, son åt kananitarkvinna; 11 og sønerne åt Levi:
Gerson og Kahat og Merari; 12 og sønerne åt Juda:
Er og Onan og Sela og Peres og Zerah; men Er og
Onan døydde i Kana'ans-land - og sønerne åt Peres:
Hesron og Hamul; 13 og sønerne åt Issakar: Tola og
Puva og Job og Simron; 14 og sønerne åt Sebulon:
Sered og Elon og Jahle'el. 15 Dette var sønerne åt
Lea; ho fekk deim med Jakob i Mesopotamia, og so
Dina, dotter hans. Alle desse sønerne og døtterne
hans var tri og tretti i tallet. 16 Og sønerne åt Gad:
Sifjon og Haggi, Suni og Esbon, Eri og Arodi og Areli;
17 Og sønerne åt Asser: Jimna og Jisva og Jisvi og
Bria, og so Serah, syster deira; og sønerne åt Bria:
Heber og Malkiel. 18 Dette var sønerne åt Zilpa, som
Laban gav Lea, dotter si; ho fekk deim med Jakob,
dei var sekstan i talet. 19 Og sønerne åt Rakel, kona
hans Jakob: Josef og Benjamin. 20 Og Josef fekk born
i Egyptarland; han fekk deim med Asnat, dotter åt
Potifera, presten i On: dei heitte Manasse og Efraim.
21 Og sønerne åt Benjamin: Bela og Beker og Asbel,
Gera og Na'aman, Ehi og Ros, Muppim og Huppim og
Ard. 22 Dette var dei borni som Jakob fekk med Rakel;
dei var i alt fjortan. 23 Og sønerne åt Dan: Husim; 24
og sønerne åt Naftali: Jahse'el og Guni og Jeser og
Sillem. 25 Dette var sønerne åt Bilha, som Laban gav
Rakel, dotter si; ho fekk deim med Jakob, dei var i alt
sju. 26 Alle dei som kom med Jakob til Egyptarland, og
som var ætta ifrå honom, umfram konorne åt sønerne
hans, var alt i alt seks og seksti mann. 27 Og sønerne
åt Josef, som han fekk i Egyptarland, var tvo. Alle som
kom til Egyptarland av Jakobs-ætti, var sytti i talet. 28
Og han sende Juda fyre seg til Josef, og bad at han
vilde syna deim vegen til Gosen. Og so kom dei til
Gosenlandet. 29 Og Josef let setja fyre vogni si, og for
upp til Gosen, til møtes med Israel, far sin; og med
same han fekk sjå honom, kasta han seg um halsen
på honom, og gret lenge, med armarne um halsen
hans. 30 Då sagde Israel med Josef: «No vil eg gjerne
døy, sidan eg hev set deg i andlitet, og veit at du endå
er i live.» 31 Og Josef sagde med brørne sine og med
farsfolket sitt: «No vil eg upp til Farao og bera fram
bod um dette og segja: «Brørne mine og farsfolket
mitt, som var i Kana'ans-land, hev kome hit til meg. 32
Og desse mennerne er sauehyrdingar; dei hev stødt
drive med å ala fe, og sauerne og nauti sine og alt det
dei eig, hev dei havt med seg hit.» 33 Når so Farao
kallar dykk til seg og spør: «Kva hev de til liveveg?»
34 so skal de svara: «Fehyrdingar hev tenarane dine
vore alt ifrå ungdomen og til no, både me og federne
våre» - so de kann få bu i Gosenlandet; for egyptarane
hev ein stygg til alle sauehyrdingar.»

**47** So kom Josef med bod um dette til Farao og
sagde: «Far min og brørne mine hev kome hit
frå Kana'ans-land med bufeet sitt, både smått og stort,
og med alt det dei eig; og no er dei i Gosenland.»
2 Og av alle brørne sine tok han ut fem mann, og
leidde deim fram for Farao. 3 Og Farao spurde brørne

hans: «Kva hev de til liveveg?» Då sagde dei med
Farao: «Tenarane dine er fehyrdingar, og det same
var federne våre. 4 Me vilde gjerne halda til her i
landet, » sagde dei til Farao; «for det finst ikkje beite
for buskapen vår, av di det er eit svært uår i Kana'ans-
land. Lat difor tenarane dine få bu i Gosenlandet!» 5
Då sagde Farao med Josef: «Far din og brørne dine
hev kome hit til deg. 6 Du hev heile Egyptarland fyre
deg! Lat far din og brørne dine få bu i den beste luten
av landet! Dei kann få bu i Gosenlandet. Og veit du um
at det er dugande karar imillom deim, so set deim til
rådsmenner yver bufeet mitt!» 7 Og Josef henta Jakob,
far sin, og leidde honom fram for Farao. Og Jakob
helsa Farao. 8 Og Farao spurde Jakob: «Kor mange er
dine livedagar og år?» 9 Då sagde Jakob med Farao:
«Dei dagar og år eg hev ferdast på jordi, er hundrad
og tretti år. Få og låke hev dei vore, mine livedagar og
år, og ikkje hev dei nått so høgt som livedagarne og
åri åt federne mine i den tidi dei ferdast på jordi.» 10
Og Jakob velsigna Farao, og so bad han vel liva med
Farao. 11 Og Josef let far sin og brørne sine få seg
bustader, og gav deim jord i Egyptarland, i den beste
bygdi i landet, Ramseslandet, so som Farao hadde
sagt honom fyre. 12 Og Josef sytte for brød åt far sin
og brørne sine og alt farsfolket sitt, og gav deim etter
som dei hadde mange born til. 13 Og det fanst ikkje
brød på heile jordi. For naudi var ovleg stor, og både
Egyptarlandet og Kana'ans-landet var reint avmagta av
svolten. 14 Og Josef samla alle dei pengar som fanst
i Egyptarland og i Kana'ans-land; han fekk deim for
kornet han selde. Og Josef gøymde pengarne i huset
åt Farao. 15 So traut pengarne både i Egyptarland og i
Kana'ans-land. Då kom alle egyptarane til Josef og
sagde: «Gjev oss brød! Skal me døy for augo dine,
berre av di me ikkje hev fleire pengar?» 16 Og Josef
sagde: «Kom med bufeet dykkar, so skal eg gjeva
dykk brød for bufeet, um de ikkje hev fleire pengar.»
17 So kom dei til Josef med bufeet sitt, og Josef gav
deim brød for hestarne og for sauerne og nauti som
dei hadde, og for asni; og han heldt deim med brød
det året for alt bufeet deira. 18 So leid det året, og året
etter kom dei til honom og sagde med honom: «Me
vil ikkje dylja for deg, herre, at pengarne hev trote,
og buskapen vår hev du fenge. Me hev ikkje anna
att å bjoda deg enn kroppen og jordi vår. 19 Kvi skal
me tynast for augo dine, både me og jordi vår? Kjøp
du oss og gardarne våre for brød, so skal me med
gardarne våre vera trælar under Farao. Lat oss berre
få såkorn, so me kann halda livet og ikkje døy burt, og
so gardarne ikkje skal øydast.» 20 So kjøpte Josef
all jord i Egyptarland til Farao; for egyptarane selde
mannjamt jordvegarne sine, av di svolten tvinga deim;
og Farao vart eigande all jord i landet. 21 Og han let
folket byta bustad grend for grend i heile Egyptarland,
frå ende til annan. 22 Berre prestegardarne kjøpte han
ikkje. For prestarne hadde ei viss innkoma av Farao
og livde av det som Farao hadde etla deim. Difor selde
dei ikkje gardarne sine. 23 Og Josef sagde til folket:
«Sjå no hev eg kjøpt både dykk og jordi dykkar til
Farao. Her hev de såkorn: så no åkrarne! 24 Men av
det de haustar, skal de gjeva femteparten til Farao, og
dei fire partarne skal de hava til å så åkrarne med, og
til mat for dykk sjølve og deim som er i husi hjå dykk,
og til mat for borni dykkar.» 25 Då sagde dei: «Du hev
berga livet vårt. Vil berre du vera god mot oss, so vil
me gjerne vera trælar under Farao.» 26 So sette Josef
ei lov, som er gjeldande den dag i dag, at all jord i
Egyptarland skulde svara femteparten av avlen i skatt
til Farao. Berre prestejordi kom ikkje under Farao. 27
Israel vart buande i Egyptarland, i Gosenlandet, og
dei fekk seg eigedomar der, og voks og auka seg
uhorveleg. 28 Og Jakob livde syttan år i Egyptarland,
og dagarne hans Jakob, liveåri hans, vart hundrad
og sju og fyrti år. 29 Då det leid med Israel, og han
venta på enden, sende han bod etter Josef, son sin,
og sagde med honom: «Kjære deg, held du aldri so
lite av meg, so legg handi di i fanget mitt, og lova meg
at du vil vera snild og trugen med meg og ikkje jorda
meg i Egyptarland. 30 Lat meg få kvila hjå federne
mine! Før meg burt frå Egyptarland, og jorda meg i
gravi deira!» Og han svara: «Eg skal gjera som du
segjer.» 31 Då sagde Israel: «Gjer eiden på det!» So
gjorde han eiden på det. Og Israel lutte seg ned yver
hovudgjerdi og bad.

**48** Ei tid etter dette hadde hendt, kom dei og sagde
med Josef: «Far din er sjuk.» Då tok han med
seg båe sønerne sine, Manasse og Efraim. 2 Og det
kom ein med bod um dette til Jakob og sagde: «Josef,
son din, kjem til deg!» Då gjorde Israel seg sterk,
og reiste seg upp i sengi. 3 Og Jakob sagde med
Josef: «Gud den Allvelduge synte seg for meg i Luz i
Kana'ans-land og velsigna meg, 4 og sagde til meg:
«Sjå, eg vil lata deg veksa og aukast og gjera deg til
ein flokk med folkeslag; og eg vil gjeva ætti di etter deg
dette landet til eiga i all æva.» 5 Dei tvo sønerne dine
som du fekk i Egyptarlandet, fyrr eg kom hit til deg, dei
skal no vera mine: Efraim og Manasse skal høyra meg
til, liksom Ruben og Simeon. 6 Men dei borni som du
sidan hev fenge, dei skal vera dine eigne; etter brørne
sine skal dei heita i det landet dei kjem til å erva. 7 For
då eg kom frå Mesopotamia, døydde Rakel frå meg på
vegen, i Kana'ans-land, då me hadde att so mykje som
eit augneleite til Efrat. Og eg jorda henne der, innmed
vegen til Efrat, det som no heiter Betlehem.» 8 Då

Jakob såg sønerne hans Josef, spurde han: «Kven er
det?» 9 Og Josef sagde med far sin: «Det er sønerne
mine, som Gud hev gjeve meg her.» Då sagde Jakob:
«Kjære væne, kom hit til meg med deim, so eg kann få
velsigna deim!» 10 Men augo hans Israel var dimme av
alder; han skilde ikkje klårt. So leidde Josef deim burt
til honom, og han kysste deim og tok deim i fanget.
11 Og Israel sagde med Josef: «Eg tenkte aldri eg
skulde få sjå deg meir, og sjå no hev Gud endå til late
meg få sjå borni dine!» 12 So tok Josef deim ned av
fanget hans, og bøygde seg nedåt jordi for honom.
13 Sidan tok Josef deim båe, Efraim i høgre handi,
midt for vinstre handi hans Israel, og Manasse i vinstre
handi, midt for høgre handi hans Jakob, og leidde deim
innåt honom. 14 Og Jakob rette ut høgre handi, og
lagde henne på hovudet hans Efraim, endå han var
den yngste av deim, og vinstre handi lagde han på
hovudet hans Manasse. Med vilje lagde han henderne
so; for Manasse var eldst. 15 Og han velsigna Josef
og sagde: «Den Gud som federne mine, Abraham og
Isak, hadde for augo medan dei ferdast på jordi, den
Gud som vara meg frå di eg vart til og til den dag i dag,
16 den engelen som løyste meg ut frå alt vondt, han
velsigne sveinarne, so dei kann pryda namnet mitt og
namnet åt federne mine, Abraham og Isak, og aukast
til ei uhorveleg mengd på jordi!» 17 Då Josef såg at far
hans hadde lagt høgre handi på hovudet hans Efraim,
mislika han det; han fata handi åt far sin og vilde flytja
henne frå hovudet hans Efraim burt på hovudet hans
Manasse, 18 og han sagde med far sin: «Ikkje so, far!
For denne er eldst; legg høgre handi på hans hovud!»
19 Men det vilde ikkje far hans, og han sagde: «Eg veit
det, son min, eg veit det. Han og skal verta eit folk,
han og skal verta stor, men bror hans som yngre er,
han skal verta større; hans ætt skal verta ein fjølde
med tjoder.» 20 So velsigna han deim same dagen,
og sagde: «Ved deg skal Israel velsigna og segja so:
«Gud gjere deg som Efraim og som Manasse!»» - han
nemnde Efraim fyre Manasse. 21 Sidan sagde Israel
med Josef: «No lyt eg døy, men Gud skal vera med
dykk og fylgja dykk attende til landet åt federne dykkar.
22 Og eg gjev deg ein bergås framum brørne dine; den
tok eg frå amoriten med sverdet og bogen min.»

**49** Og Jakob kalla kring seg sønerne sine og sagde:
«Samla dykk saman, so skal eg varsla korleis
det skal ganga dykk langt fram i tiderne: 2 Kom i hop
og høyr, de søner åt Jakob, kom og høyr på Israel,
dykkar far! 3 Ruben, min eldste er du, blom av mi magt
og min manndom, høgst i vyrdnad og størst i velde. 4
Sjodande vilt som vatnet, dkal du ingen fyremun få; for
i kvila åt far din du for! Kor vanærlegt! Han låg i mi
lega. 5 Sambrøder er Simeon og Levi, valdsvåpen
er deira verja. 6 Søk ei deira samråd, mi sål, sky
deira sellskap, mitt hjarta! For i harm slo dei menner
i hel, og sjølvvilje skamskar dei uksar. 7 Forbanna
ein ofse so strid, ei illska som deira so arg! Eg skal
sprengja deim sund kring i Jakob, eg skal spreida
deim utyver Israel. 8 Juda, deg lovar lydt dine brøder,
handi di fatar din fiend i nakken, søkern' åt far din
fell deg til fota. 9 Ein løveunge er Juda! Frå herjing
kjem sonen min heim: Som ei løvemor legg han seg
ned, kven vågar av kvildi han vekkja? 10 Ikkje skal
kongespir kverva frå Juda ell' styrarstaven ifrå han stol,
fyrr Fredsdrotten kjem, han som folki mun fylgja. 11 I
vingarden bind han sin gangar, sin fole i soldruvegrein;
i vin sin klædnad han vaskar, i druveblod tvær han
sin kjol', 12 med augo døkke av vin, med tenner kvite
av mjølk. 13 Sebulon utmed sjøstrandi bur, utmed
strandi, der skutorne lender. Og Sidon hev han med
sida. 14 Issakar, det sterkbygde asnet, på kvii ligg han
og kviler. 15 Og han tykte kvildi var god, og at landet
var fagert og fint, so bøygde han rygg under byrdi,
og vart slik ein trugen træl. 16 Dan, han skal døma
sitt folk som dei andre Israels ætter. 17 Dan verte ein
hoggorm på vegen, ein eiterorm innmed stigen, som
hesten i hælarne høgg, so ridaren ryk på rygg. 18 På
hjelpi di biar eg, Herre! 19 På Gad mun ransmenner
renna, men han renner etter deim radt. 20 Feit er føda
hans Asser, forkunnmat sender han kongar. 21 Naftali
er ei spelande hind, og ordi hans leikar so linne. 22
Josef er eit aldetre ungt, eit aldetre ungt innmed kjelda;
yver muren skyt greinerne upp. 23 Med pileskot dei
han eggjar og søkjer, dei skyttararn' mange; 24 Men
han stend med sin boge so stødt, og røyver armarne
raust: Hjelp fær han hjå kjempa åt Jakob, der! - hjå
hyrdingen, Israels berg, 25 Hjå Gud åt far din, han
vare deg! Hjå den Velduge, han velsigne deg med
velsigning or himmelen høge, med velsigning or djupet
som ligg under jordi, med velsigning i brjost og i liv! 26
Far din's velsigning rakk yver dei eld'-gamle ovgilde
fjelli, til ævordoms herlege høgder: På Josefs hovud
ho kome, ho kome på kruna åt han, som er hovdingen
for sine brøder! 27 Benjamin er ein ulv som riv sund;
um morgonen et han upp ranet, til kvelds han skifter ut
herfang.» 28 Dette var alle Israels-ætterne, tolv i talet,
og soleis var det far deira tala til deim: Han velsigna
deim, og kvar av deim fekk si eigi velsigning, som
høvde åt honom. 29 Og han bad deim og sagde til
deim: «No gjeng eg til folket mitt! Jorda meg då hjå
federne mine, i den helleren som er på gjordet åt Efron,
hetiten, 30 i den helleren som er på Makpelagjordet,
austanfor Mamre i Kana'ans-landet, det gjordet som
Abraham kjøpte av Efron, hetiten, til eigande gravstad.
31 Der jorda dei Abraham og Sara, kona hans, og der

jorda dei Isak og Rebekka, kona hans, og der jorda eg
Lea, 32 på det gjordet og i den helleren der, som var
kjøpt av Hets-sønerne.» 33 Då Jakob var ferdig med
dei fyresegnerne han hadde å gjeva sønerne sine,
drog han føterne upp i sengi. Og han sålast og kom til
federne sine.

**50** Og Josef lutte seg ned yver andlitet åt far sin,
og gret uppyver honom og kysste honom. 2 Og
Josef bad lækjarane som han hadde i si tenesta, at
dei skulde salva liket åt far hans. So salva dei liket åt
Israel. 3 Og det gjekk fyrti dagar med til det; for so
lang tid tek det å salva eit lik. Og egyptarane gret yver
honom i sytti dagar. 4 Då syrgjedagarne etter honom
var utlidne, tala Josef til hirdi åt Farao og sagde: «Hev
de aldri so lite godvilje for meg, so gjer vel og ber
fram desse ordi mine til Farao og seg: 5 «Far min tok
ein eid av meg og sagde: «No lyt eg døy! I grefti mi,
som eg let grava åt meg i Kana'ans-landet, der skal
du jorda meg!» Lat meg difor fara upp og jorda far
min og so koma hit att!»» 6 Og Farao sagde: «Far du
upp, og jorda far din, som du hev lova honom!» 7 So
for Josef upp og skulde jorda far sin, og med honom
for alle mennerne åt Farao, dei høgste i hirdi hans og
alle dei øvste i Egyptarlandet, 8 og heile huset hans
Josef, og brørne hans og husfolket åt far hans. Berre
småborni sine og sauerne og nauti sine let dei vera att
i Gosenlandet. 9 Og det fylgde honom både vogner og
hestfolk, so det vart ei drusteleg ferd. 10 Då dei kom til
Goren-Ha'atad, som er på hi sida åt Jordan, heldt dei
ei stor og ovende vyrdeleg syrgjehøgtid, og han gjorde
likferd etter far sin i sju dagar. 11 Og då kananitarne,
som budde der i landet, såg likferdi i Goren-Ha'atad,
sagde dei: «Det er ei drusteleg likferd egyptarane held
der!» Difor kallar dei den staden Egyptarvollen. Han er
på hi sida åt Jordan. 12 So gjorde sønerne hans so
med honom som han hadde sagt deim fyre. 13 Og
dei førde honom til Kana'ans-landet, og jorda honom i
helleren på Makpelagjordet, det gjordet som Abraham
hadde kjøpt av Hets-sønerne til eigande gravstad,
austanfor Mamre. 14 Og då Josef hadde jorda far sin,
for han attende til Egyptarland, både han og brørne
hans og alle dei som hadde vore med honom upp og
jorda far hans. 15 Då brørne åt Josef såg at far deira
var burte, sagde dei: «Berre ikkje Josef kjem til å sitja
etter oss gjera oss like for alt det vonde me gjorde mot
honom!» 16 So sende dei bod til Josef og sagde: «Far
din bad oss, fyrr han døydde, at me skulde bera fram
dette bodet til deg: 17 «So skal de segja med Josef,
» sagde han: «Å kjære, gode deg, gløym det brotet
og den syndi brørne dine gjorde, då dei for so stygt
med deg!» So gløym no brotet vårt; me tener då og
same Gud som far din!» Og Josef gret, då dei tala so
til honom. 18 So kom brørne hans sjølve og kasta seg
å gruve for honom og sagde: «Sjå her kjem me og vil
vera tenarane dine!» 19 Då sagde Josef: «Ver ikkje
rædde! Er då eg i staden åt Guds? 20 De tenkte å
gjera meg vondt, men Gud tenkte det til det gode, av
di han vilde gjera som han no hev gjort, og berga livet
åt mykje folk. 21 So ver no ikkje rædde! Eg skal syta
for dykk og for borni dykkar.» Og han hugga deim og
tala blidt til deim. 22 Josef vart buande i Egyptarland,
både han og farsfolket hans. Og Josef livde hundrad
og ti år. 23 Og Josef fekk sjå barneborn åt Efraim, og
borni åt Makir, son hans Manasse, fekk han og taka i
fanget. 24 Og Josef sagde med brørne sine: «No lyt eg
døy. Men Gud skal lydast til dykk og fylgja dykk upp or
dette landet til det landet som han hev lova Abraham
og Isak og Jakob.» 25 Og Josef tok ein eid av Israels-
sønerne, og sagde: «Når Gud kjem og hentar dykk, då
skal de taka beini mine med her ifrå.» 26 Og Josef
døydde, då han var hundrad og ti år gamall, og dei
salva liket hans, og lagde det i kista i Egyptarland.

# 2 Mosebok

**1** No skal de få høyra namni på Israels-sønerne som
kom til Egyptarland; med Jakob kom dei, kvar med
sin huslyd: **2** Ruben og Simeon og Levi og Juda, **3**
Issakar og Sebulon og Benjamin, **4** Dan, Naftali, Gad
og Asser. **5** Med alle i hop var det sytti mann som var
ætta frå Jakob; Josef han var no alt i Egyptarland. **6**
Og Josef døydde, og alle brørne hans, og heile den
ætti. **7** Men Israels-folket muna og voks og auka og
vart uhorveleg mannsterke, so dei fyllte heile landet.
**8** Då kom det ein ny konge i Egyptarland, som ikkje
visste noko um Josef. **9** Og han sagde med folki sine:
«Sjå, Israels-lyden er større og sterkare enn me. **10**
Lat oss no fara klokt fram, so dei ikkje skal aukast
so mykje! For kjem det ufred, so kunde dei gjerne
slå seg i hop med uvenerne våre, og strida mot oss,
og fara or landet!» **11** So sette dei futar yver deim,
som skulde plåga deim med tungarbeid, og dei laut
byggja tvo byar med varehus for Farao; det var Pitom
og Ramses. **12** Men di meir dei plåga deim, di meir
auka dei, og di meir breidde dei seg ut, og egyptarane
tok til å fæla for Israels-folket. **13** Soleis nøydde dei
no Israels-folket til å træla for seg, **14** og gjorde livet
surt for deim med hardt arbeid i leirtaki og tiglverki
og med allslags jordarbeid: alt arbeidet dei vilde ha
gjort, det truga dei deim til å gjera. **15** Og kongen
i Egyptarland sagde til dei hebraiske ljosmøderne -
den eine av dei heitte Sifra og den andre Pua -: **16**
«Kvar gong de hjelper ei hebraisk barnsengkona, »
sagde han, «so skal de sjå i fødestolen: Er det son
ho hev fenge, so drep honom! er det dotter, so må
ho liva.» **17** Men ljosmøderne hadde age for Gud, og
gjorde ikkje som kongen i Egyptarland sagde, men let
småsveinarne liva. **18** Då kalla kongen ljosmøderne
fyre seg, og sagde med deim: «Kvi gjer de dette og
let sveinborni liva?» **19** «Dei hebraiske konorne er
ikkje som dei egyptiske, » svara ljosmøderne; «dei er
sterkare; innan ljosmori kjem, hev dei fenge barnet.»
**20** Då gjorde Gud vel imot ljosmøderne; og folket auka,
og vart ovleg mangment. **21** Og for di ljosmøderne
hadde age for Gud, so gav han deim ætt og avkjøme.
**22** Men Farao sende bod utyver til heile folket sitt og
sagde: «Kvar son som kjem til verdi, skal de kasta i
elvi; berre døtterne skal de lata liva!»

**2** So var det ein mann av Levi-ætti som gjekk av og
tok seg ei kona, og ho var og av Levi-ætti. **2** Og
kvinna vart umhender, og åtte ein son. Ho tykte det var
so vent eit barn, og løynde honom i tri månader; **3** då
kunde ho ikkje få løynt honom lenger. So fann ho ei
røyrkista til honom; den brædde ho med jordbik og
tjøra, og so lagde ho sveinen upp i, og sette kista i
sevet attmed elvebarden; **4** og syster hans stod eit
stykke undan, og skulde sjå korleis det gjekk med
honom. **5** Då kom dotter åt Farao ned åt elvi, og
vilde lauga seg, medan møyarne hennar gjekk att og
fram på elvbakken. Ho gådde kista i sevet, og sende
terna si etter henne. **6** So hadde ho upp loket, og
såg barnet; «nei sjå!» sagde ho, «ein liten svein som
ligg og græt!» Og ho tykte synd i honom og sagde:
«Det er eit av hebræarborni: » **7** Då sagde syster hans
med dotter åt Farao: «Skal eg ganga og finna deg ei
hebræarkona som gjev brjost, so ho kann fostra upp
barnet for deg?» **8** «Gjer so!» svara kongsdotteri. So
gjekk gjenta og henta mor åt barnet. **9** Og kongsdotteri
sagde til henne: «Tak denne sveinen og fostra honom
upp for meg! Eg skal løna deg for det.» So tok kona
sveinen, og fostra honom upp. **10** Og då han vart stor,
gjekk ho til kongsdotteri med honom, og han vart som
son hennar. Ho kalla han Moses; «for eg hev teke
honom upp or vatnet, » sagde ho. **11** So leid tidi fram
til Moses var vaksen. Då var det ein gong han gjekk ut
til landsmennerne sine, og såg korleis dei laut slita
og slæpa, og so fekk han sjå ein egyptar som slo ein
hebræar, ein av landsmennerne hans. **12** Då såg han
vel ikring seg, men vart ikkje var nokon, og so slo han
egyptaren i hel, og grov honom ned i sanden. **13** Den
andre dagen gjekk han ut att, og såg tvo hebræarar
som heldt på og slost. Då sagde han med den som
hadde skuldi: «Kvi slær du landsmannen din?» **14**
«Kven hev sett deg til hovding og domar yver oss?»
svara han; «tenkjer du på å drepa meg, som du drap
egyptaren?» Då vart Moses rædd, og sagde med seg
sjølv: «Hev det alt kome upp!» **15** Då Farao fekk spurt
det, freista han å få drepe Moses. Men Moses rømde
for Farao, og stana ikkje fyrr han var i Midjanlandet;
der sette han seg ned attmed ein brunn. **16** Presten
i Midjan hadde sju døtter; og dei kom og auste upp
vatn, og fyllte trørne, og vilde brynna småfeet åt far
sin. **17** Men so kom det nokre hyrdingar og jaga deim
ifrå. Då reis Moses upp og hjelpte deim, og brynnte
buskapen deira. **18** Då dei kom heim att til Re'uel,
far sin, sagde han: «Korleis hev det seg at de kjem
so tidleg i dag?» **19** «Ein egyptar kom og hjelpte oss
mot hyrdingarne, » svara dei; «og so auste han upp
vatn for oss, og brynnte buskapen.» **20** Då sagde
Re'uel med døtterne sine: «Kvar er han so? Kvi let
de då mannen vera att ute? Bed honom inn, so han
kann få seg mat!» **21** Moses vart huga til å vera hjå
mannen, og han let Moses få Sippora, dotter si. **22**
Ho åtte ein son, og Moses kalla honom Gersom; «for
eg hev fenge heimvist i eit framandt land, » sagde
han. **23** Som no dagarne leid og tidi skreid, so døydde

kongen i Egyptarland. Men Israels-folket sukka for
trældomen og let ille, og naudropi deira steig upp til
Gud. 24 Og Gud høyrde korleis dei sukka og stunde,
og Gud mintest sambandet sitt med Abraham og Isak
og Jakob. 25 For Gud hadde auga med Israels-borni,
og Gud visste korleis til stod.

3 Moses han gjætte no buskapen åt Jetro, verfar sin,
presten i Midjan. So var det ein gong han for langt
atti heidi med fenaden, då kom han til Gudsfjellet, til
Horeb. 2 Der synte Herrens engel seg for honom i ein
eldsloge, som slo beint upp or ein klungerrunne; han
såg at runnen stod i ljos loge, men klungeren brann
ikkje upp. 3 Då tenkte Moses med seg: «Eg vil ganga
innåt og sjå dette store underet, kvifor klungeren ikkje
brenn upp.» 4 Då Herren såg at han kom innåt og
vilde sjå, so ropa Gud til honom utor klungerrunnen:
«Moses, Moses!» Og han svara: «Ja, her er eg.» 5 Då
sagde han: «Kom ikkje næmare! Hav av deg skorne!
For staden du stend på, er heilag jord.» 6 Og han
sagde: «Eg er far din's Gud, Abrahams Gud og Isaks
Gud og Jakobs Gud.» Då løynde Moses andlitet sitt,
for han torde ikkje sjå på Gud. 7 Og Herren sagde:
«Eg hev set kor vondt folket mitt hev det i Egyptarland,
og høyrt klageropi deira yver futarne; eg veit kva dei
lid. 8 Og no hev eg stige ned, og vil fria deim ut
frå egyptarane og føra deim ut or dette landet, til eit
godt og vidt land, til eit land som fløymer med mjølk
og honning, der som kananitarne er og hetitarne og
amoritarne og perizitarne og hevitarne og jebusitarne.
9 For no hev naudropet frå Israels-borni nått upp til
meg, og eg hev og set korleis egyptarane trugar og
plågar deim. 10 Gakk no du til Farao med bod frå meg,
og før folket mitt, Israels-borni, ut or Egyptarland!»
11 Då sagde Moses til Gud: «Er eg den mann, at eg
kann ganga til Farao, og kann eg føra Israels-borni
ut or Egyptarland?» 12 Og han sagde: «Ja, for eg
skal vera med deg! Og det skal du hava til merke
på at det er eg som hev sendt deg: Når du hev ført
folket ut or Egyptarland, so skal de halda gudstenesta
på dette fjellet.» 13 Då sagde Moses til Gud: «Men
når eg no kjem til Israels-borni og segjer med deim:
«Fedreguden dykkar hev sendt meg til dykk, » og dei
so spør: «Kva er namnet hans?» kva skal eg då svara
deim?» 14 Og Gud sagde til Moses: «Eg er den eg er!
So skal du svara Israels-borni, » sagde han: «Han
som heiter «Eg er», hev sendt meg til dykk.» 15 Og
endå sagde Gud det til Moses: «So skal du segja til
Israels-borni: «Herren, fedreguden dykkar, Abrahams
Gud og Isaks Gud og Jakobs Gud, hev sendt meg til
dykk. Det skal vera namnet mitt i all æva, og so skal
dei kalla meg ætt etter ætt.» 16 Gakk no du, og samla
i hop dei øvste i Israel, og seg med deim: «Herren,
fedreguden dykkar, Abrahams Gud og Isaks Gud og
Jakobs Gud, hev synt seg for meg og sagt: Eg hev
havt auga med dykk og veit korleis dei fer åt med dykk
i Egyptarland. 17 Og eg sagde: «Eg vil fria dykk ut or
alt det vonde de lid i Egyptarland, og fylgja dykk fram
til landet åt kananitarne og hetitarne og amoritarne
og perizitarne og jebusitarne, eit land som fløymer
med mjølk og honning.» 18 Og dei skal gjeva gaum
etter ordi dine, og so skal du ganga fram for kongen
i Egyptarland, du og dei øvste i Israel, og de skal
segja med honom: «Herren, Hebræarguden, hev møtt
oss! Gode, gjev oss lov til å fara tri dagsleider ut i
øydemarki og ofra til Herren, vår Gud!» 19 Men eg veit
at kongen i Egyptarland ikkje gjev dykk lov til å fara,
ikkje um han so fær kjenna ei sterk hand yver seg. 20
So vil eg då lyfta handi mi, og slå egyptarane med alle
underi mine, som eg vil gjera midt imillom deim, og
då skal dei sleppa dykk. 21 Og eg vil gjera det so at
egyptarane fær godvilje for dette folket, so de ikkje
skal fara tomhendte, når de fer; 22 men kvar kona
skal beda grannekona si, eller den ho bur i hus med,
um sylv og gull og helgeklæde, og det skal de lata
sønerne og døtterne dykkar hava på seg; det skal vera
herfanget de tek av egyptarane.»»

4 Då svara Moses og tok so til ords: «Dei vil visst
ikkje tru meg og ikkje lyda på meg, men berre segja
at Herren ikkje hev synt seg for meg.» 2 «Kva er det
du hev i handi?» spurde Herren. «Ein stav», svara
han. 3 «Kasta honom på jordi!» sagde Herren. So
kasta Moses staven på jordi; då vart han til ein orm,
og Moses rømde for honom. 4 «Rett ut handi og grip
han i sporden!» sagde Herren. So rette han ut handi,
og treiv ormen, og då vart han til ein stav att i handi
hans. 5 «No lyt dei vel tru, at Herren, fedreguden
deira, hev synt seg for deg, Abrahams Gud og Isaks
Gud og Jakobs Gud!» 6 Og endå sagde Herren til
honom: «Stikk handi di i barmen!» So stakk han handi
i barmen, og drog henne ut att, og då han skulde sjå
til, so var handi hans spilt og kvit som snø. 7 Då sagde
Herren: «Stikk handi di i barmen endå ein gong!» So
stakk han handi i barmen, og då han drog henne ut or
barmen, då var ho like god att, og hadde same liten
som fyrr. 8 «Um dei no ikkje trur deg, og ikkje agtar
på det fyrste teiknet, so trur dei då visst på det andre
teiknet, » sagde Herren; 9 «men trur dei ikkje på noko
av desse tvo teikni, og vil dei ikkje lyda på deg, so
skal du taka vatn or elvi og ausa upp på turre marki;
og vatnet som du tek or elvi, det skal verta til blod,
med det same det kjem på marki.» 10 Men Moses
sagde til Herren: «Orsaka meg, Herre! Eg hev aldri
vore nokon munnfør mann, korkje fyrr, eller sidan du

tok til å tala med tenaren din; eg er både tungmælt,
og eg er taugmælt.» 11 Då sagde Herren til honom:
«Kven er det som gjev menneskja munnen? Og kven
er det som gjer mållaus eller dauv eller klårsynt eller
blind? Er ikkje det eg, Herren? 12 Gakk no berre, og
eg skal vera med munnen din og lære deg kva du skal
tala.» 13 «Å Herre, eg bed for meg!» svara Moses,
«send heller ein annan med det bodet!» 14 Då vart
Herren harm på Moses, og sagde: «Er ikkje Aron av
Levi-ætti, bror din? Han, veit eg, kann tala. Og rett
no kjem han og møter deg, og når han ser deg, so
vert han hjarteleg glad. 15 Honom skal du tala til og
leggja ordet i munnen hans, og eg skal signa både
din munn og hans munn, og læra dykk kva de skal
gjera. 16 Han skal tala til folket for deg, og vera liksom
munnen din, og du skal vera som ein Gud for honom.
17 Og denne staven skal du hava i handi; den er det
du skal gjera underi med.» 18 So gjekk Moses, og då
han kom heim att til Jetro, verfar sin, sagde han med
honom: «Kjære deg, lat meg fara attende til skyldfolket
mitt i Egyptarland, og sjå um dei liver endå.» Og Jetro
svara: «Far i fred!» 19 I Midjan sagde Herren til Moses:
«Tak no i veg, og far attende til Egyptarland! For no er
dei burte alle dei som leita etter deg og vilde taka livet
ditt.» 20 So tok Moses kona si og sønerne sine og
sette deim på asnet, og for attende til Egyptarlandet;
og gudsstaven hadde han i handi. 21 Og Herren sagde
til Moses: «Når du kjem attende til Egyptarland, so
kom i hug at du gjer alle dei underi som eg hev lagt i
henderne dine, so Farao ser på det. Men eg vil gjera
honom strid i hugen, so han ikkje let folket fara. 22 Då
skal du segja med Farao: «So segjer Herren: «Israel er
son min, den eldste av sønerne mine. 23 Og eg sagde
til deg: «Lat son min fara, so han kann tena meg!»
Men du vilde ikkje lata honom fara. Sjå difor vil eg no
slå i hel din son, den eldste av sønerne dine.»»» 24 Då
dei var no på vegen komne, og hadde roa seg til natti,
kom Herren yver honom og lest vilde drepa honom. 25
Då tok Sippora ein kvass stein, og skar av huveholdet
på son sin, og kasta det framfor føterne hans Moses,
og sagde: «Du er meg ein blodbrudgom, du!» 26 So
let han honom vera. Det var umskjeringi ho tenkte på,
då ho sagde «blodbrudgom». 27 Og Herren sagde
til Aron: «Gakk ut i øydemarki, so møter du Moses!»
So gjekk han, og råka Moses innmed Gudsfjellet, og
kysste honom. 28 Og Moses sagde med Aron kva
ærend og ord Herren hadde sendt honom med, og
kva teikn han hadde sett honom til å gjera. 29 So
gjekk Moses og Aron, og samla i hop alle dei øvste av
Israels-folket. 30 Og Aron bar fram alle dei ordi som
Herren hadde tala til Moses, og gjorde teikni, so folket
såg på det. 31 Og folket trudde; og då dei høyrde at
Herren var komen og vilde lydast til Israels-borni, og at
han hadde set kva vande dei var i, so lagde dei seg på
kne og bad.

**5** Sidan gjekk Moses og Aron fram for Farao og sagde:
«So segjer Herren, Israels Gud: «Lat folket mitt
fara, so dei kann halda høgtid for meg i øydemarki!»»
2 Då sagde Farao: «Kva er det for ein «Herre» som
eg skal lyda, og lata Israel fara? Eg kjenner ikkje den
«Herren», og eg vil ikkje lata Israel fara heller.» 3
«Hebræarguden hev møtt oss!» svara dei. «Gode,
gjev oss lov å fara tri dagsleider ut i øydemarki og ofra
til Herren, vår Gud, so han ikkje skal koma yver oss
med sott eller sverd!» 4 Då sagde egyptarkongen til
deim: «Moses og Aron, kvi hefter de folket burt frå
det dei hev å gjera? Gakk til arbeidet dykkar! 5 De
ser kor mykje folk her er i landet no, » sagde Farao,
«og so vil de lokka deim til å leggja ned arbeidet
sitt!» 6 Og same dagen sagde Farao det til futarne
og formennerne for arbeidsfolket: 7 «Heretter skal de
ikkje gjeva folket halm til mursteinen, som de fyrr hev
gjort. Dei skal sjølve ganga og sanka seg halm. 8 Men
like mykje murstein skal de krevja av deim no som
fyrr; de skal ikkje slå av på talet. For dei er late; difor
skrik dei og segjer: «Me vil av og ofra til Guden vår.»
9 Legg tyngre arbeid på kararne, so dei hev nok å
gjera, og ikkje fer etter lygjerødor!» 10 So gjekk futarne
og arbeidsformennerne ut, og sagde til folket: «So
segjer Farao: «Eg gjev dykk ikkje halm lenger. 11 Gakk
sjølve og finn dykk halm kvar de kann! Men i arbeidet
dykkar fær de ikkje noko avslag.»» 12 Då spreidde
folket seg utyver heile Egyptarland, og sanka helma til
å bruka i staden for halmen. 13 Men futarne dreiv på
og sagde: «Gjer arbeidet dykkar ferdigt, fullt dagsverk
til kvar dag, som då de hadde halm for hand!» 14
Og arbeidsformennerne som futarne åt Farao hadde
sett yver Israels-folket, fekk hogg, og futarne sagde:
«Kvi hev de ikkje gjort ifrå dykk ålaget dykkar anten
i går eller i dag, som de fyrr gjorde?» 15 Då gjekk
arbeidsformennerne til Farao, og kjærde seg for honom
og sagde: «Kvi fer du soleis med tenarane dine? 16
Halm fær me ikkje, og like vel segjer dei til oss: «Gjer
murstein!» Og so fær me hogg, endå det er dine folk
som hev skuldi.» 17 Men han sagde: «Late er de, late!
Difor segjer de: «Me vil av og ofra til Herren!» 18 Gakk
no av og arbeid! Og halm fær de ikkje, men mursteinen
skal de greida, talet fullt!» 19 Arbeidsformennerne vart
ille ved, då dei fekk høyra dei ordi: «De fær ikkje noko
avslag på mursteinen dykkar, fullt dagsverk til kvar
dag!» 20 Då dei kom ut att frå Farao, møtte dei Moses
og Aron, som stod og venta på deim. 21 Då sagde dei
med deim: «Herren setje augo på dykk, og late dykk
få like for di de hev gjort Farao og mennerne hans

hatige på oss, og gjeve deim sverdet i handi til å drepa
oss med!» 22 Og Moses vende seg atter til Herren og
sagde: «Herre, kvi fer du so ille med dette folket? Kvi
hev du då sendt meg? 23 For alt ifrå den stund eg
gjekk fram for Farao og tala i ditt namn, hev han ikkje
gjort anna enn vondt mot dette folket, og du hev ikkje
hjelpt folket ditt ein grand.»

6 Då sagde Herren til Moses: «No skal du sjå, kva
eg vil gjera med Farao: Ei sterk hand skal nøyda
honom til å sleppa deim, og for den same sterke handi
skuld skal han jamvel driva deim ut or landet sitt.»
2 Og Gud tala endå meir til Moses, og sagde med
honom: «Eg er Herren. 3 Eg synte meg for Abraham,
og for Isak, og for Jakob, og nemnde meg Gud den
Allvelduge, men dette namnet mitt, Herren, gjorde eg
ikkje kunnigt for deim. 4 Og eg gjorde eit samband
med deim: eg lova å gjeva deim Kana'ans-landet, det
landet dei heldt til i, då dei ferdast på jordi. 5 Og no
hev eg høyrt, korleis Israels-borni sukkar og styn, av
di egyptarane held deim i trældom, og eg minnest
kva eg hev lova. 6 Seg no med Israels-borni: «Eg er
Herren; eg vil taka av dykk dei tunge byrderne de ber
for egyptarfolket, og løysa dykk or trældomen dei held
dykk i, og fria dykk ut med fast arm og strenge domar;
7 eg vil gjera dykk til mitt folk, og vera dykkar Gud, og
de skal sanna at eg er Herren, dykkar Gud, som tek av
dykk dei tunge byrderne de ber for egyptarfolket. 8 Og
eg vil føra dykk til det landet som eg rette handi i veret
på at eg vil gjeva Abraham og Isak og Jakob, og det
vil eg gjeva dykk til eiga, eg, Herren.»» 9 Og Moses
sagde det med Israels-borni, men dei høyrde ikkje
på honom, av di dei var modlause og laut træla so
hardt. 10 Då tala Herren til Moses, og sagde: 11 «Gakk
fram for Farao, egyptarkongen, og seg med honom,
at han skal lata Israels-borni fara ut or landet sitt!»
12 Og Moses svara og tok so til ords, der han stod
fram for augo åt Herren: «Du ser Israels-borni vil ikkje
høyra på meg; er det då ventande at Farao skulde lyda
etter det eg segjer, eg som er so valen på munnen!»
13 Soleis tala Herren til Moses og Aron, og sende
deim til Israels-mennerne og til Farao, egyptarkongen,
med det bodet at dei skulde fylgja Israels-folket ut or
Egyptarland. 14 No skal de høyra kva ættefederne
deira heitte: Sønerne åt Ruben, eldste son åt Israel,
det var Hanok og Pallu, Hesron og Karmi. Frå deim
er Rubens-ætterne komne. 15 Sønerne åt Simeon
var Jemuel og Jamin og Ohad og Jakin og Sohar og
Saul, som var son åt ei Kana'ans-kvende. Frå deim er
Simeons-ætterne komne. 16 So er namni på sønerne
åt Levi med ættgreinerne deira: Gerson og Kahat og
Merari. Og livedagarne åt Levi vart hundrad og sju og
tretti år. 17 Sønerne åt Gerson var Libni og Sime'i med
ættgreinerne deira. 18 Sønerne åt Kahat var Amram
og Jishar og Hebron og Uzziel. Og livedagarne åt
Kahat vart hundrad og tri og tretti år. 19 Sønerne åt
Merari var Mahli og Musi. Dette var federne åt Levi-
ætterne etter ættartalet deira. 20 Amram tok Jokebed,
farsyster si, til kona, og dei fekk sønerne Aron og
Moses. Og livedagarne åt Amram vart hundrad og
sju og tretti år. 21 Sønerne åt Jishar var Korah og
Nefeg og Zikri. 22 Sønerne åt Uzziel var Misael og
Elsafan og Sitri. 23 Aron tok Eliseba til kona; ho var
dotter åt Amminadab og syster åt Nahson; og dei
fekk sønerne Nadab og Abihu, Eleazar og Itamar. 24
Sønerne åt Korah var Assir og Elkana og Abiasaf.
Frå deim er Korah-ætterne komne. 25 Eleazar, son
åt Aron, tok ei dotter åt Putiel til kona, og dei fekk
sonen Pinehas. Dette var gamlefederne åt Levi-folket
med ættgreinerne deira. 26 Desse mennerne, Aron og
Moses, var det Herren sagde det til: «Før Israels-folket
ut or Egyptarland, fylking etter fylking!» 27 Dei var det
som tala med Farao, kongen i Egyptarland, og sagde
dei skulde fylgja Israels-folket ut or Egyptarland, desse
tvo mennerne, Moses og Aron. 28 Og det gjekk so til
at den gongen Herren tala til Moses i Egyptarlandet,
29 då tok Herren soleis til ords: «Eg er Herren! Seg no
med Farao, egyptarkongen, alt det eg segjer til deg!»
30 Og Moses svara, der han stod for Guds augo: «Du
veit eg er munnvalen; er det då ventande at Farao vil
høyra på meg?»

7 Då sagde Herren til Moses: «Sjå no vil eg laga det
so at du vert som ein Gud for Farao, og Aron, bror
din, skal vera målsmannen din. 2 Du skal tala alt det
eg segjer deg fyre, men Aron, bror din, skal orda det ut
for Farao, so han let Israels-folket fara ut or landet
sitt. 3 Men eg vil herda hugen åt Farao, og sidan
vil eg gjera mange teikn og under i Egyptarlandet.
4 Farao kjem ikkje til å høyra på dykk, og då vil eg
leggja mi hand på Egyptarland med harde refsingar,
og føra herarne mine, folket mitt eige, Israels-borni, ut
or Egyptarlandet. 5 Og egyptarane skal ljota sanna at
eg er Herren, når eg rettar handi mi utyver landet, og
tek Israels-borni beint ifrå deim.» 6 Og Moses og Aron
gjorde dette; som Herren hadde sagt deim fyre, so
gjorde dei. 7 Moses var åtteti og Aron tri og åtteti år
gamall, då dei tala med Farao. 8 Og Herren sagde
det til Moses og Aron: 9 «Når Farao talar til dykk og
segjer: «Lat meg få sjå eit under av dykk!» då skal du
segja med Aron: «Tak staven din, og kasta honom ned
framfor augo åt Farao, so skal han verta til ein stor
orm.»» 10 So gjekk Moses og Aron fram for Farao,
og gjorde som Herren hadde sagt: Aron kasta ned
staven sin framfor augo åt Farao og mennerne hans,

og staven vart til ein diger orm. 11 Då sende Farao bod
etter vismennerne og trollkararne, runemeistrarne, som
dei hadde i Egyptarland, og dei bruka trollkunsterne
sine og gjorde det same. 12 Dei kasta kvar sin stav, og
dei vart til store ormar, men staven hans Aron gløypte
stavarne deira. 13 Og det gjekk som Herren sagde:
Farao var strid i hugen og vilde ikkje høyra på deim.
14 Då sagde Herren til Moses: «Farao er tråssug; han
vil ikkje lata folket fara. 15 Gakk til honom i morgon
tidleg - då kjem han ned åt elvi - og statt på elvbakken,
so han møter deg, og staven som vart skapt um til
ein orm, skal du hava i handi. 16 Og so skal du segja
med honom: «Herren, Hebræarguden, sende meg til
deg og sagde: «Lat folket mitt fara, so dei kann tena
meg i øydemarki!» Men det hev'kje du vilja lydt på
endå. 17 Og Herren segjer so: «Dette skal du hava til
merke på at eg er Herren: Sjå no vil eg slå i elvevatnet
med denne staven, som eg hev i handi mi, og so skal
det verta til blod. 18 Og fisken i elvi skal døy, og ein
illtev stiga frå elvi, so egyptarane ikkje er god til å
drikka vatnet i henne.»»» 19 Sidan sagde Herren til
Moses: «Seg med Aron: «Tak staven og rett handi
di ut yver Egyptarlands-vatni, yver åerne og elvarne
og tjørnerne deira og yver kvar vatsdam der er, so
skal dei verta til blod, og blod skal det vera utyver
heile Egyptarlandet, jamvel i koppar og kjer.»» 20 Og
Moses og Aron gjorde som Herren sagde: Aron lyfte
staven, og slo i elvevatnet, so dei såg på det både
Farao og mennerne hans, og alt vatnet i elvi vart blod.
21 Då døydde all fisken i elvi, og det stod ein ond tev
av elvi, so egyptarane ikkje kunde drikka vatnet, og i
heile Egyptarland var det blod. 22 Men runemeistrarne
deira bruka trollkunsterne sine, og gjorde det same.
Og det gjekk som Herren sagde: Farao var stridhuga
og høyrde ikkje på deim. 23 Og Farao snudde seg og
gjekk inn i huset sitt, og brydde seg ikkje um dette
heller. 24 Men alle egyptarane grov kringum elvi etter
drikkevatn; for dei kunde ikkje drikka elvevatnet. 25 So
leid det sju dagar etter Herren hadde gjort elvi til blod.

**8** Då sagde Herren til Moses: «Gakk fram for Farao
og seg med honom: «So segjer Herren: «Lat folket
mitt fara, so dei kann tena meg! 2 Meinkar du deim å
fara, so skal eg plåga heile ditt land og rike med frosk:
3 det skal yra med frosk i elvi, og dei skal krabba upp
på land, og koma inn i husi dine og sengkoven din og
upp i lega di, og inn i husi åt mennerne dine og på
folket ditt, og i bakaromnarne og knodetrogi dine; 4
og deg og huslyden din og alle mennerne dine skal
froskarne krabba uppetter.»»» 5 Og Herren sagde til
Moses: «Seg til Aron: «Lyft handi, og rett staven ut
yver åerne og elvarne og tjørnerne, og lat froskarne
aula innyver Egyptarlandet!»» 6 So rette Aron handi si
ut yver Egyptarlands-vatni, og då kom det upp med so
fullt med frosk at dei hulde heile Egyptarlandet. 7 Men
runemeistrarne bruka trollkunsterne sine og gjorde
det same: dei og fekk froskarne til å aula innyver
Egyptarlandet. 8 So sende Farao bod etter Moses
og Aron og sagde: «Bed til Herren at han vil taka
froskarne burt frå meg og landslyden! Då skal eg lata
folket fara, so dei kann ofra til Herren.» 9 Då sagde
Moses med Farao: «Sjølv må du hava æra og segja
kva tid eg skal beda for deg og mennerne dine og
folket ditt, at han vil rydja froskarne burt frå deg og
husi dine, so dei ikkje finst meir utan i elvi.» 10 «I
morgon, » svara han. «Lat det vera som du segjer!»
sagde Moses, «so skal du sanna at det er ingen som
Herren, vår Gud. 11 Froskarne skal kverva burt frå deg
og husi dine og frå mennerne dine og heile landslyden;
berre i elvi skal dei finnast.» 12 So gjekk Moses og
Aron ut att frå Farao, og Moses ropa til Herren for
froskarne skuld, som han hadde ført yver Farao. 13
Og Herren gjorde som Moses bad, og froskarne låg
daude i hus og i tun og på bøarne. 14 Dei samla deim
i dungevis, og teven kjendest yver heile landet. 15
Men det gjekk som Herren sagde: Då Farao såg at
han hadde fenge ein lette, slo han seg rang, og vilde
ikkje høyra på deim. 16 Då sagde Herren til Moses:
«Seg med Aron: «Rett ut staven din, og slå i dusti på
jordi, so skal ho verta til my i heile Egyptarlandet.»» 17
Og dei so gjorde: Aron lyfte handi, og rette ut staven
sin, og slo i dusti på jordi. Då kom myet, og sette
seg både på folk og fe; all dusti på jordi vart til my
i heile Egyptarlandet. 18 Runemeistrarne freista og
å få fram my med trollkunsterne sine, men dei var
ikkje god til. Og myet vart sitjande på folk og på fe.
19 Då sagde runemeistrarne med Farao: «Dette er
Guds finger!» Men det gjekk som Herren sagde: Farao
var like strid, og høyrde ikkje på deim. 20 Då sagde
Herren til Moses: «Ris tidleg upp i morgon, og stig
beint fram for Farao, når han gjeng nedåt elvi, og seg
med honom: So segjer Herren: «Lat folket mitt fara,
so dei kann tena meg! 21 For let du ikkje folket mitt
fara, so sender eg allslags avåt yver deg og mennerne
dine og folket ditt og inn i husi dine; husi åt egyptarane
skal verta fulle av avåt, og jamvel jordi dei gjeng på.
22 Men same dagen vil eg taka undan Gosenlandet,
som folket mitt bur i, so der ikkje kjem noko avåt; då
skal du verta var, at eg, Herren, er der i landet. 23 For
eg vil løysa ut folket mitt og skilja det frå ditt folk. I
morgon skal dette underet henda.»» 24 Og Herren
gjorde som han hadde sagt, og det kom svære yrjor
med avåt i husi åt Farao og mennerne hans og yver
heile Egyptarland; det var so avåtet reint skjemde ut

landet. 25 Då sende Farao bod etter Moses og Aron,
og sagde: «Gakk av og ofra til Guden dykkar her i
landet!» 26 «Det er ikkje rådlegt å gjera det so, » svara
Moses; «for det me ofrar til Herren, vår Gud, det er ein
styggedom for egyptarane. Ofra me no midt for augo
på deim slikt som dei hev ein stygg til, vilde dei ikkje
då steina oss! 27 Tri dagsleider ut i øydemarki vil me
fara, og so ofra til Herren, vår Gud, soleis som han
segjer oss fyre.» 28 Då sagde Farao: «Eg fær lata
dykk fara då, so de kann ofra til Herren, Guden dykkar,
i øydemarki, men de må'kje fara langt! Bed for meg!»
29 «Ja, no gjeng eg ut, og vil beda til Herren, » svara
Moses, «og i morgon skal avåtet kverva burt frå Farao
og frå mennerne og folket hans. Berre no Farao ikkje
vil svika oss meir, men lata folket fara, so dei kann ofra
til Herren!» 30 So gjekk Moses ut frå Farao att, og bad
til Herren. 31 Og Herren gjorde som Moses bad, og let
avåtet kverva burt både frå Farao og mennerne og
folket hans; det fanst ikkje att eit einaste fly. 32 Men
Farao slo seg rang denne gongen og, og slepte ikkje
folket av stad.

9 Og Herren sagde til Moses: «Gakk fram for Farao og
seg med honom: «So segjer Herren, Hebræarguden:
«Lat folket mitt fara, so dei kann tena meg! 2 For
meinkar du deim å fara, og held du deim att endå
lenger, 3 so skal Herren leggja si hand på feet ditt,
som beiter på bøen, både hestar og asen og kamelar
og naut og sauer, og søkja deim med ei øgjeleg
drepsott. 4 Men Herren skal gjera skil på israelsfeet og
egyptarfeet, og det skal ikkje døy noko av det som
høyrer Israel til.»»» 5 Og Herren sette tidi og sagde:
«I morgon vil Herren lata dette henda i landet.» 6
Dagen etter gjorde Herren som han hadde sagt, og
alt egyptarfeet døydde, men av feet åt Israels-folket
døydde ikkje eit liv. 7 Og Farao sende bod, og då
hadde det ikkje døytt eit einaste liv av israelsfeet. Men
Farao sette hardt imot hardt, og meinka folket å fara. 8
Då sagde Herren til Moses og Aron: «Tak henderne
fulle med omnsoska, og Moses skal kasta henne upp i
veret, so Farao ser på det. 9 Då skal ho verta til dumba
og fjuka utyver heile Egyptarland, og av dumba skal
det koma ei sott som bryt ut med kaunar på folk og fe i
alt Egyptarlandet.» 10 So tok dei oska or masomnen,
og steig fram for Farao, og Moses kasta henne upp
i veret; då kom det ei kaunsott som braut ut på folk
og på fe. 11 Og runemeistrarne orka ikkje å standa
framfor Moses for verken skuld; for kaunarne hadde
sett seg på runemeistrarne som på alle egyptarane. 12
Men Herren gjorde Farao strid i hugen; og det gjekk
som han hadde sagt med Moses: Farao høyrde ikkje
på deim. 13 Då sagde Herren til Moses: «Ris tidleg
upp i morgon, og stig beint fram for Farao, og seg
med honom: «So segjer Herren, Hebræarguden: «Lat
folket mitt fara, so dei kann tena meg! 14 For denne
gongen vil eg senda alle mine plågor yver deg sjølv
og mennerne dine og folket ditt, so du skal sanna at
ingen er som eg på heile jordi. 15 No hadde eg alt
lyft handi mi, og vilde slege deg og folket ditt med
drepsott, og då hadde du vorte utrudd av verdi. 16
Men eg sparde deg, av di eg vilde syna deg magti mi
og gjera namnet mitt kunnigt yver all jordi. 17 Endå
legg du deg i vegen for folket mitt, og vil ikkje lata deim
fara. 18 Sjå, difor vil eg i morgon dette bil senda eit
øgjeleg haglver, som det aldri hev vore maken til i
Egyptarlandet, frå den dag det vart grunna og til no.»»
19 Send no bod, og berga buskapen din og alt de du
hev på marki! Alt som er ute og ikkje kjem seg i hus,
anten det er folk eller fe, skal haglet koma yver, og dei
skal døy.» 20 Dei av kongsmennerne som hadde age
for ordi åt Herren, dei berga då tenarane og buskapen
sin i hus. 21 Men dei som ikkje agta på Herrens ord,
let både tenarane og buskapen vera ute. 22 Då sagde
Herren til Moses: «Rett handi di upp imot himmelen,
so skal haglet koma sturtande yver heile Egyptarland,
på folk og på fe og på kvart strå som på marki veks
i Egyptarlandet.» 23 So rette Moses staven sin upp
imot himmelen. Då sende Herren torever og hagl, og
eldingarne for ned til jordi, medan Herren let det hagla
yver Egyptarlandet. 24 Haglet kom drusande, og midt
i haglflodi gjekk det ljon i ljon. Aldri hadde det vore
slikt uver i Egyptarlandet, frå den tid det vart bygt. 25
Og haglet slo ned alt som ute var i heile Egyptarland,
både folk og fe, og all grøda på marki slo haglet ned,
og kvart tre braut det sund. 26 Men i Gosenlandet, der
Israels-folket budde, der gjekk ikkje haglflodi. 27 Då
sende Farao bod etter Moses og Aron, og sagde med
deim: «Denne gongen hev eg synda. Herren er den
som hev rett, og eg og folket mitt me hev urett. 28 Bed
til Herren at det må hava ein ende med toreslåtten
og haglet, so skal eg lata dykk fara, og de tarv ikkje
bia lenger.» 29 «Med same eg kjem ut or byen, skal
eg lyfta henderne og beda til Herren, » svara Moses.
«Då skal tora halda upp, og haglet driva av, so du skal
sanna at jordi høyrer Herren til. 30 Men det veit eg vel
at du og mennerne dine endå ikkje hev age for Herren
Gud.» 31 Både lin og bygg var nedslege; for bygget
stod med aks, og linet med blom. 32 Men kveiten og
rugen var ikkje nedslege; for dei årar seinare. 33 Og
Moses gjekk burt frå Farao og ut or byen, og lyfte
henderne til Herren. Då heldt tora og haglveret upp,
og regnet hylja ikkje meir ned på jordi. 34 Men då
Farao såg at regnet og haglet og tora hadde stogga,
so heldt han på og synda, og herde seg til, både han
og mennerne hans. 35 Det gjekk som Herren hadde

havt Moses til å segja: Farao var hard som stein, og
vilde ikkje lata Israels-folket fara.

**10** Og Herren sagde til Moses: «Gakk fram for
Farao! For det er eg som hev gjort honom so
hard, både honom og mennerne hans, so eg kunde
fremja desse teikni mine imillom deim, **2** og so du skal
fortelja son din og soneson din korleis eg hev fare åt
med egyptarane, og kva teikn eg hev gjort hjå deim - so
de skal sanna at eg er Herren!» **3** So gjekk Moses og
Aron fram for Farao og sagde med honom: «So segjer
Herren, Hebræarguden: «Kor lenge skal det vara fyrr
du vil bøygja deg for meg? Lat folket mitt fara, so dei
kann tena meg! **4** For trassar du og ikkje let folket mitt
fara, so skal eg i morgon senda grashoppar inn i riket
ditt. **5** Dei skal breida seg ut yver åker og eng, so tett
at ein ikkje kann sjå marki, og eta upp kvar einaste
grand som de hev att etter haglet, og snøyda kvart eit
tre som veks i hagarne dykkar. **6** Og dei skal fylla upp
husi for deg og mennerne dine og alle egyptarane,
so ikkje federne dine og ikkje federne åt federne dine
skal ha set slik syn, frå den dag dei vart til på jordi
og til den dag i dag.»» Dermed snudde han seg, og
gjekk burt ifrå Farao. **7** Då sagde hirdmennerne med
Farao: «Kor lenge skal denne mannen vera ei snara
for oss? Lat no folki fara, so dei kann tena Herren,
Guden sin! Ser du ikkje endå at Egyptarlandet vert
øydelagt?» **8** So kalla dei Moses og Aron attende til
Farao, og han sagde med deim: «Gakk so av stad
då, og ten Herren, Guden dykkar! Kor mange er det
no som skal fara?» **9** «Me lyt fara alle, både unge og
gamle, » svara Moses; «både sønerne og døtterne
våre lyt vera med oss, både småfeet og storfeet vårt;
for me skal halda ei stor høgtid for Herren.» **10** Då
sagde han til deim: «Herren vere med dykk, so visst
som eg let dykk fara burt med borni dykkar! Sjå der
um de ikkje tenkjer på vondt! **11** Nei, dette vert ikkje
noko av! De mennerne kann fara og tena Herren; for
det var det de bad um!» Dermed jaga dei deim burt frå
augo åt Farao. **12** Då sagde Herren til Moses: «Rett
handi di ut yver Egyptarland, so skal grashopparne
koma drivande innyver landet og eta upp all grøda på
marki, alt som haglet hev spart.» **13** So rette Moses
staven sin ut yver Egyptarland, og Herren sende ein
austanvind som stod innyver landet heile den dagen
og heile natti; um morgonen kom austanvinden med
grashopparne. **14** Og grashopparne dreiv innyver
heile Egyptarlandet, og slo seg ned i heile riket, ein
uhorveleg brote: aldri fyrr hadde det vore so mykje
med grashoppar, og aldri meir vil det koma. **15** Dei
lagde seg utyver landet, so tett at markerne myrkna,
og åt upp all grøda på åkrarne og all alda på trei, som
haglet hadde leivt, og det fanst ikkje att namnet av
grønt, anten på tre eller strå, i heile Egyptarlandet. **16**
Då skunda Farao seg og sende bod etter Moses og
Aron, og sagde: «Eg hev synda mot Herren, dykkar
Gud, og mot dykk. **17** Kjære væne, gjev til synda mi
denne enaste gongen, og bed til Herren, dykkar Gud,
at han berre vil taka denne fæle landøyda burt frå
meg!» **18** So gjekk Moses ut att frå Farao, og bad til
Herren. **19** Då vende Herren vinden, so det vart ein
ovsterk vestanvind, og den førde grashopparne burt,
og støytte deim ned i Raudehavet; det vart ikkje att ein
einaste grashopp i heile Egyptarriket. **20** Men Herren
gjorde Farao hard i hugen, so han ikkje let Israels-
folket fara. **21** Og Herren sagde til Moses: «Rett handi
di upp imot himmelen, so skal det leggja seg myrker
yver Egyptarlandet, eit myrker so tjukt at ein kann taka
i det.» **22** So rette Moses handi si upp imot himmelen.
Då vart det stumende myrkt i heile Egyptarland i tri
dagar. **23** Den eine timde ikkje den andre, og i tri dagar
var det ingen som torde reisa seg av sessen sin. Men
der Israels-folket budde, der var det ljost alle stader.
**24** Då sende Farao bod etter Moses, og sagde: «Gakk
av og haldt høgtid for Herren! Borni dykkar kann og få
vera med; men bufeet, både småtta og stort, lyt de setja
att her.» **25** «Du må då gjeva med oss det me treng til
slagtoffer og brennoffer, åt Herren, vår Gud!» svara
Moses. **26** «Bufeet vårt lyt me hava med oss - ikkje ei
klauv må vera att - for det er det me tek av, når me
ofrar til Herren vår Gud; og me veit ikkje kva me skal
ofra til honom, fyrr me kjem fram.» **27** Men Herren
herde hugen åt Farao, og han vilde ikkje lata deim
fara. **28** Og Farao sagde til Moses: «Gakk ifrå meg!
Vara deg! Kom aldri meir for augo mine! For den dag
eg ser deg for augo att, skal du døy.» **29** «Ja no sagde
du det sjølv, » svara Moses, «og eg kjem aldri meir for
augo dine.»

**11** Då sagde Herren til Moses: «Endå ei ulukke vil
eg føra yver Farao og egyptarane, so skal han
sleppa dykk av; han skal ikkje berre gjeva dykk lov
til å fara, men beint fram driva dykk ut. **2** Seg no
du med folket at kvar mann skal beda grannen sin,
og kvar kona grannekona si, um sylv og gull!» **3** Og
Herren gjorde det so at egyptarane fekk godvilje for
Israels-folket; og so var og Moses ein ovstor mann
i Egyptarlandet, både for kongsmennerne og for hitt
folket. **4** Og Moses sagde: «So segjer Herren: «Når
det lid til midnatt, vil eg fara midt igjenom Egyptarland.
**5** Då skal det døy, alt som frumbore er i Egyptarlandet,
frå den frumborne sonen åt Farao, som sit i høgsetet
sitt, til den frumborne sonen åt trælkjerringi, som sit og
dreg handkverni, og alle frumsungarne i buskapen.
**6** Og frå heile Egyptarland skal det stiga eit øgjeleg
skrik, so ingen skal hava høyrt slikt illskrik anten fyrr

eller sidan. 7 Men ikkje ein hund skal gøy på nokon i
Israel, korkje på folk eller fe. Då skal de verta vare
at Herren gjer skil på egyptarane og Israel.» 8 Og
alle desse mennerne dine skal koma til meg, og kasta
seg ned for meg og segja: «Far herifrå, både du og
heile det folket som fylgjer deg!» Og so skal eg fara.»
Og han gjekk burt frå Farao i brennande harm. 9 Då
Herren sagde til Moses: «Farao skal ikkje høyra på
dykk, so eg kann få gjort mange under i Egyptarlandet,
» 10 so gjorde Moses og Aron alle desse underi for
augo åt Farao; men Herren hadde lagt so strid ein hug
i Farao, og han slepte ikkje Israels-folket or landet sitt.

**12** Og Herren tala so til Moses og Aron, medan
dei var i Egyptarlandet: 2 «Denne månaden skal
vera nyårsmånaden dykkar: den fyrste månaden i året
skal han vera for dykk. 3 Tala no de til heile Israels-
lyden og seg: «Den tiande dagen i denne månaden
skal kvar husbonde taka seg ut eit lamb til huset sitt. 4
Men er lyden hans for liten til å eta upp eitt lamb, so
skal han og næmaste grannen taka seg ut eit i hop,
etter som dei hev folk til: de skal'kje rekna fleire folk på
kvart lamb enn at alle fær metta seg. 5 Eit lytelaust
verlamb lyt det vera, og årsgamalt; i staden for eit lamb
kann de og taka eit kid. 6 De skal taka det i vare til
den fjortande dagen i denne månaden; då skal heile
Israels-lyden slagta det soleglads bil. 7 So skal dei
taka noko av blodet og strjuka på både dørskierne og
dørkollen på dei husi som dei et i. 8 Og kjøtet skal dei
eta same natti; dei skal steikja det på elden, og eta det
med søtt brød og bitre urter attåt. 9 De må ikkje eta
det rått, og ikkje sjoda det i vatn, men steikja det yver
elden, med hovud og føter og innmat. 10 Heller ikkje
skal de leiva noko av det til morgons; er det noko att
um morgonen, so skal de brenna det upp. 11 Soleis
skal de vera budde, når de et det: med beltet kring
livet, med skorne på føterne, med stav i handi; og de
skal eta det i hast; det er påskehelgi åt Herren. 12 For
den same natti vil eg fara igjenom Egyptarlandet, og
slå i hel alt som frumbore er i Egyptarland, både folk
og fe; og alle egyptargudarne vil eg døma og refsa,
eg, Herren. 13 Og blodet på dei husi som de er i, skal
vera til eit merke for meg, når eg ser blodet, skal eg
fara framum dykk, og de skal'kje verta fyre noko vondt,
når eg slær i hel folk i Egyptarland. 14 Og sidan skal
denne dagen vera ein minnedag for dykk: då skal de
halda helg og høgtid for Herren; ei æveleg lov skal det
vera for dykk og etterkomarane dykkar å halda heilag
den dagen. 15 Sju dagar skal de eta søtt brød; straks
den fyrste dagen skal de hava surdeigen burt or husi
dykkar; for kvar den mann som et surbrød millom den
fyrste og sjuande dagen, han skal rydjast ut or Israel.
16 Den fyrste dagen skal de halda ei heilag samling,
og den sjuande dagen ei heilag samling. Dei dagarne
skal de ikkje hava noko arbeid fyre dykk; berre den
maten som kvar mann treng, skal de laga til og elles
ingen ting gjera. 17 De skal høgtida søtebrødhelgi;
for då førde eg herarne dykkar ut or Egyptarlandet.
Difor skal de høgtida denne dagen; det skal vera ei
æveleg lov for dykk og etterkomarane dykkar. 18 Frå
fjortandedags kvelden i den fyrste månaden til ein og
tjugandedags kvelden i same månaden skal de eta
brød som det ikkje er surt i. 19 I sju dagar må det ikkje
finnast surdeig i husi dykkar: kvar den mann som et
surbrød, skal rydjast ut or Israels-lyden, anten han er
framand eller fødd og alen i landet. 20 De må ikkje
smaka den minste grand som er syrt; i alle hus skal de
eta usyrt brød!»» 21 Då kalla Moses i hop alle dei øvste
i Israel, og sagde med deim: «No lyt de av og finna
dykk lamb åt husi dykkar, og slagta deim til påskeoffer.
22 Og so skal de taka ein myntekvost og duppa i
blodet som er i troget, og strjuka noko av det blodet på
dørkollen og båe dørskierne. Og ingen av dykk må
ganga ut or husdøri si fyre morgon. 23 For Herren vil
fara igjenom landet og heimsøkja egyptarane; og når
han ser blodet på dørkollen og på dørskierne, då skal
han fara framum døri og ikkje lata tynarengelen sleppa
inn i husi dykkar og drepa. 24 So skal de då halda
dykk etter dette bodet; det skal vera ei lov for deg og
borni dine i all æva. 25 Når de so kjem til det landet
Herren vil gjeva dykk, som han hev lova, då skal de
halda uppe denne helgeseden. 26 Og når borni dykkar
spør: «Kva er dette for ein helgesed de brukar?»
27 då skal de svara: «Det er påskeoffer til Herren,
som for utum husi åt Israels-folket i Egyptarland: då
han heimsøkte egyptarane, sparde han våre hus.»»
Då lagde folket seg på kne og bad. 28 Og Israels-
mennerne gjekk av og gjorde dette; som Herren hadde
sagt til Moses og Aron, so gjorde dei. 29 So hende det
i midnattsstundi at Herren slo i hel alt som frumbore
var i Egyptarlandet, frå den frumborne sonen åt Farao,
som sat i høgsetet sitt, til den frumborne sonen åt
fangen, som sat i myrkestova, og alle frumsungarne i
buskapen. 30 Då for Farao upp um natti, han og alle
mennerne hans og alle egyptarane, og det vart eit
øgjeleg skrik i Egyptarland; for det fanst ikkje eit hus
som det ikkje var lik i. 31 Og Farao sende bod etter
Moses og Aron midt på natti og sagde: «Nøyt dykk
og far ut or riket mitt, både de og Israels-folket, og
gakk av og haldt høgtid for Herren, som de hev tala
um! 32 Tak med dykk alt bufeet dykkar, både smått og
stort, so som de hev sagt, og far burt, og bed godt for
meg og!» 33 Og egyptarane anna på Israels-folket
at dei skulde hava seg fort utor landet. «Elles døyr
me alle saman!» sagde dei. 34 So tok Israels-folket

deigen sin, fyrr han vart syrt: dei sveipte deigtrogi inn
i kjolarne, og bar deim på ryggen. 35 Og dei gjorde
som Moses sagde, og bad egyptarane um sylv og gull
og helgeklæde. 36 Og Herren hadde laga det so at
egyptarane vilde Israels-folket vel, so dei var gode å
beda. Soleis tok dei herfang av egyptarane. 37 So
tok då Israels-folket ut frå Ramses, og lagde vegen til
Sukkot; dei var på lag seks hundrad tusund gangføre
mann, umfram kvende og born. 38 Og ein stor hop med
framande fylgde og med deim, og mykje bufe, både
smått og stort, ei ovstor drift. 39 Av deigen dei hadde
med seg frå Egyptarland, baka dei hellekakor; for han
var ikkje syrt, etter di dei vart jaga ut or Egyptarland og
ikkje torde drygja der lenger; og ikkje hadde dei butt
seg til med ferdakost heller. 40 Den tidi som Israels-
folket hadde havt bustaden sin i Egyptarland, var fire
hundrad og tretti år. 41 Då dei fire hundrad og tretti åri
var på dagen utlidne, då tok alle Herrens herar ut frå
Egyptarland. 42 Den natti var ei vokenatt for Herren,
då han fylgde deim ut or Egyptarlandet; den same
natti skal alle Israels-borni halda voka for Herren, ætt
etter ætt. 43 Og Herren sagde til Moses og Aron: «So
er fyresegni um påskelambet: Ingen framand må eta
av det. 44 Hev nokon ein tenestdreng som er kjøpt
for pengar, so skal du fyrst umskjera honom; sidan
kann han eta av det. 45 Ingen busete eller leigekar
må eta av det. 46 I eitt hus skal det eta av det; du
må ikkje hava noko av kjøtet ut or huset, og ikkje
brjota noko bein i det. 47 So skal heile Israels-lyden
gjera. 48 Og når ein framand held til hjå dykk, og vil
halda påskehøgtid for Herren, då skal alle karfolki hans
umskjerast, so kann han få vera med og halda høgtid,
og då skal han vera jamgod med deim som er fødde
og alne i landet; men ein som ikkje er umskoren, må
aldri eta av det. 49 Det skal gjelda same lovi for deim
som er fødde og alne i landet og for dei framande som
held til hjå dykk.» 50 Og alt Israels-folket gjorde dette;
som Herren hadde sagt til Moses og Aron, so gjorde
dei. 51 Soleis gjekk det til den dagen då Herren fylgde
Israels-folket ut or Egyptarland, fylking etter fylking.

**13** Og Herren tala atter til Moses og sagde: 2 «Alt
frumbore hjå Israels-folket skal du vigja åt meg,
alt som kjem fyrst frå morsliv: anten det er folk eller fe,
so høyrer det meg til.» 3 Og Moses sagde til folket:
«Kom i hug den dagen då de slapp ut or Egyptarland,
or slavehuset! For det var Herren som med si sterke
hand leidde dykk ut. Då skal de ikkje eta surbrød! 4 I
dag er det de tek ut, i aksmånaden. 5 Når då Herren
hev fylgt deg til landet åt kananitarne og hetitarne og
amoritarne og hevitarne og jebusitarne, det som han
lova federne dine å gjeva deg, eit land som fløymer
med mjølk og honning, då skal du halda gudstenesta
på denne visi i denne same månaden; 6 sju dagar skal
du eta søtt brød, og den sjuande dagen skal det vera
høgtid for Herren. 7 Søtt brød skal du eta alle dei sju
dagarne; ikkje må det finnast surbrød i ditt eige, og
ikkje surdeig, so langt som du råder. 8 Og same dagen
skal du gjera dette kunnigt for son din, og segja: «Det
er til minne um det som Herren gjorde for meg, då eg
for frå Egyptarland.» 9 Og det skal vera som det var
rita i handi di, og som det stod skrive framfor augo
dine, so Herrens lov kann vera på munnen din. For
med sterk hand leidde Herren deg ut or Egyptarland.
10 So skal du då gjere etter denne fyresegni år etter år,
på den tid som er sett. 11 Og når Herren hev fylgt deg
til Kana'ans-landet, som han lova deg og federne dine,
og hev gjeve deg det, 12 då skal du eigna åt Herren
alt som kjem fyrst frå morsliv. Alt det fyrste som fell
undan det feet du eig, og som er han av slaget, det
skal høyra Herren til. 13 Det fyrste følet som fell undan
kvart asen, skal du løysa med eit lamb eller kid, og
løyser du det ikkje, so skal du brjota nakken på det.
Men kvart mannebarn - kvart sveinbarn i ætta di - som
er frumbore, skal du løysa. 14 Når då son din sidan
spør deg: «Kva tyder dette?» so skal du svara: «Med
sterk hand leidde Herren oss ut or Egyptarland, or
slavehuset. 15 For det gjekk slik til at då Farao gjorde
seg hard og ikkje vilde lata oss fara, då slo Herren i
hel alt som frumbore var i Egyptarland, både av folk og
av fe. Difor ofrar eg til Herren alt det som kjem fyrst
frå morsliv og er han av slaget, men eg løyser kvart
sveinbarn i ætti mi som er frumbore. 16 Og det skal
vera som det var rita i handi di og skrive millom augo
dine at Herren med si sterke hand leidde oss ut or
Egyptarland.»» 17 Då Farao hadde gjeve folket lov til å
fara, so førde Gud deim ikkje på den vegen som bar til
Filistarlandet, endå det var den næmaste. Han tenkte
dei kunde koma til å angra seg, når dei møtte ufred, og
so fara attende til Egyptarlandet; 18 Difor laga Gud det
so, at dei svinga inn på den vegen som gjekk gjenom
villmarki, til Raudehavet. So for då Israels-mennerene
stridsbudde ut or Egyptarlandet. 19 Og Moses tok
beini av Josef med seg; for Josef hadde teke eiden av
Israels-sønerne og sagt: «Når Gud kjem og hentar
dykk, so skal de taka beini mine med dykk herifrå.»
20 So tok dei ut frå Sukkot, og leira seg i Etam, tett
innmed øydemarki. 21 Og Herren gjekk fyre deim um
dagen i ein skystopul, som leidde deim rette vegen,
og um natti i ein eldstopul, som lyste for deim, so dei
kunde fara natt og dag. 22 Skystopulen kvarv ikkje frå
folket um dagen, og eldstopulen ikkje um natti.

**14** Sidan tala Herren til Moses, og sagde: 2 «Seg
med Israels-folket at dei skal snu um og lægra
seg framanfor Pi-Hakhirot, millom Migdol og havet;

beint for Ba'al-Sefon, midt imot, skal de lægra dykk
utmed havet. 3 Då kjem Farao til å segja um Israels-
folket: «Dei hev kome på villstig, og finn ikkje ut or
heidi att.» 4 Og eg vil herda hugen åt Farao, so han
set etter deim; då skal eg syna magti mi på Farao
og heile heren hans, og egyptarane skal få kjenna
at eg er Herren.» So gjorde dei som Herren sagde.
5 Då kongen i Egyptarland fekk vita at Israels-folket
hadde rømt landet, då skifte han hug, både han og
mennerne hans, og dei sagde: «Kva hev me gjort,
som slepte Israel utor tenesta?» 6 So beitte han fyre
vogni si, og herfolket sitt tok han med seg. 7 Seks
hundrad utvalde vogner tok han, og sidan kvar vogn
som fanst i Egyptarland, og kjempor var det på alle. 8
For Herren herde hugen åt Farao, egyptarkongen, so
han sette etter Israels-folket. Israels-mennerne tok ut
med verja i hand, 9 men egyptarane sette etter, alle
vognhestarne åt Farao og riddarane og hermagti hans,
og nådde deim att utmed havet, der dei hadde lægra
seg, tett innmed Pi-Hakhirot, midt for Ba'al-Sefon. 10
Farao kom næmare og næmare, og då Israels-folket
skulde sjå til, då såg dei egyptarane kom setjande
etter deim. Då vart Israels-folket fælande rædde, og
ropa til Herren. 11 Og dei sagde med Moses: «Fanst
det då ikkje graver i Egyptarland, med di du laut hava
oss hit og lata oss døy i villmarki? Kvi gjorde du oss
dette og lokka oss burt frå Egyptarland? 12 Var det
ikkje det me sagde med deg i Egyptarland! «Lat oss
vera i fred!» sagde me, «me vil tena egyptarane; det
er betre for oss, det, enn å døy i ville heidi.»» 13 Då
sagde Moses til folket: «Ver ikkje rædde! Statt no her
og sjå den hjelpi som Herren vil senda dykk i dag; for
likso visst som de ser egyptarane i dag, likso visst
skal de aldri sjå deim meir i all æva. 14 Herren vil
strida for dykk, og de skal halda dykk stille.» 15 Og
Herren sagde til Moses: «Kvi kallar du på meg? Seg
med Israels-folket at dei skal taka i vegen! 16 Og du
skal lyfte staven din, og retta handi ut yver havet og
kløyva det, so Israels-folket kann ganga midt igjenom
havet på turre botnen. 17 Men eg vil herda hugen åt
egyptarane, so dei set etter deim. Då skal eg syna
magti mi på Farao og heile hans her, på vognerne
og riddarane hans. 18 Og egyptarane skal få kjenna
at eg er Herren, når eg brukar veldet mitt på Farao
og vognerne og riddarane hans.» 19 Og Guds engel,
som gjekk fyre Israels-heren, tukka seg og steig attum
deim: skystopulen, som var framanfor deim, flutte seg
og vart standande attanfor, 20 so han kom imillom
egyptarane og Israels-heren; på den eine sida var han
skum og myrk, og på hi sida lyste han upp natti, og
herarne kom ikkje innåt kvarandre heile natti. 21 Då
rette Moses handi si ut yver havet, og Herren sende ei
strid austanvind, som bles heile natti, so vatnet dreiv
undan: han gjorde havet til turt land, og vatnet kløyvde
seg. 22 Og Israels-folket gjekk tvert gjenom havet på
turre grunnen, og vatnet stod som ein mur både på
høgre og vinstre sida. 23 Men egyptarane sette etter,
og fylgde til midt ut i havet, alle hestarne åt Farao
og vognerne og riddarane hans. 24 So hende det
fyrstundes i otta at Herren såg ned på egyptarheren
frå eld- og skystopulen og forvilla egyptarheren. 25
Han slo hjuli undan vognerne deira, so det gjekk tungt
for deim å koma fram. Då sagde egyptarane: «Lat oss
røma for Israel! For Herren er med deim og strider
mot egyptarane!» 26 Og Herren sagde til Moses:
«Rett handi di ut yver havet, so skal vatnet fløyma
attende yver egyptarane, yver vognerne og riddarane
deira!» 27 So rette Moses handi ut yver havet, og då
det leid imot morgonen, kom havet veltande attende
i det gamle romet sitt, men egyptarane rømde beint
imot bårorne, og Herren støytte deim midt ut i havet.
28 Vatnet flødde i hop att, og gøymde vognerne og
riddarane i heile Farao-heren, som hadde fylgt etter
deim ut i havet; det vart ikkje att ein einast ein. 29
Men Israels-folket gjekk tvert igjenom havet på turre
sanden, og vatnet stod som ein mur på både sidorne,
både den høgre og den vinstre. 30 Soleis berga Herren
den dagen Israel for egyptarane, og Israel skoda
egyptarane korleis dei låg daude på havstrandi. 31 Og
då folket såg Guds allmagt på det han gjorde med
egyptarane, då fekk dei age for Herren, og dei trudde
på Herren og på Moses, tenaren hans.

**15** Då song Moses og Israels-folket denne lovsongen
til Herren: «Eg vil syngja um Herren, for stor er
han, stor; hest og ridar i havet han støytte. 2 Han er
min styrke, um han er mitt kvæde; for han hev meg
berga. Han er min Gud, han vil eg lova, Gud åt far
min, han vil eg prisa. 3 Herren er rette hermannen:
Herren heiter han. 4 Vognern' og heren åt Farao tok
han og kasta i sjøen. Gjævaste kjemporn' i Sevhavet
sokk; 5 der bylgja deim gøymde; som stein for dei
ned i djupet. 6 Herre, di hand er prydd med kraft;
Herre, di hand krys uvener sund. 7 Med ditt høge
namn slær du fiendar ned; din harm let du loga, då
brenn dei som halm. 8 For din ande stokk vatni i hop,
som haugar sjøarne stod, i havdjupet bårorne storkna.
9 «Eg eltar deim, eg tek deim att, eg skiftar feng, »
sa' fienden. «Eg vil metta mitt mod, eg vil svinga mitt
sverd, eg vil øyda deim ut.» 10 Ut sende du din ande,
og havet hulde deim; som bly deg sokk til botnar i
ville vatnet djupt. 11 Kvar er, Herre, dei gudar som
med deg kunde kappast? Kven er vel lik som du med
heilag æra prydd? Kven er so ageleg og hev so fræge
verk og store under gjort? 12 Då handi upp du hov,

då gløypte jordi deim. 13 Mild som ein far du fylgjer
det folket du hev frelst, du leider deim med handi
sterk fram til den heilagdomen der du din heimstad
hev. 14 Folki fær spurt det, og folnar; fælska tek deim
som bur i Filistarland. 15 Edom-jarlarne ottast for ilt,
Moabs-hovdingarn' støkk so dei skjelv, alle Kana'an-
buarne kolnar. 16 Rædsla kjem på deim og rygd; når
dei augnar din velduge arm, då tegjer dei stilt som
ein stein, medan folket ditt, Herre, fer fram, med det
folket fer fram som du vann deg. 17 Du tek deim inn
og set deim ned på eigedomen din, det berget som du,
Herre, tok til bustad åt deg sjølv, den heilagdomen du,
min Gud, hev grunna med di hand. 18 I alder og æva
skal han råda, Herren min.» 19 For då hestarne åt
Farao med vognerne og riddarane hans for ut i havet,
då let Herren bårorne fløda i hop yver deim, medan
Israels-folket gjekk turrskodde midt igjenom havet. 20
Og Mirjam, vismøyi, syster åt Aron, tok trummeringen
sin i handi, og alle kvendi gjekk etter henne med
trummeslått og dans. 21 Og Mirjam song fyre og kvad:
Syng um Herren, for stor er han, stor! Hest og ridar i
havet han støytte. 22 Sidan førde Moses folket burt frå
Raudehavet, og dei kom ut på Surheidi; der for dei tri
dagar i øydemarkerne, og kunde ikkje finna vatn. 23
So kom dei til Mara, men dei kunde ikkje drikka vatnet
i Mara, av di det var beiskt. Difor kalla dei den staden
Mara. 24 Og folket mukka mot Moses og sagde: «Kva
skal me drikka?» 25 Då ropa han til Herren, og Herren
synte honom eit tre; det kasta han upp i vatnet; då
vart vatnet godt. Der sette han deim lov og rett, og der
røynde han deim. 26 Og han sagde: «Høyrer du vel
etter ordi åt Herren, din Gud, og gjer det som rett er i
hans augo, og lyder du bodi og held alle loverne hans,
so skal du sleppa alle dei sjukarne, som eg hev lagt på
egyptarane; for eg, Herren, vil vera lækjaren din.» 27
Sidan kom dei til Elim. Der var det tolv kjeldor og sytti
palmetre, og dei lægra seg der, frammed vatnet.

**16** So tok dei ut att frå Elim, og femtande dagen
i andre månaden etter at dei hadde fare frå
Egyptarlandet, kom heile Israels-lyden til Sinheidi,
som ligg millom Elim og Sinai. 2 Medan dei var der
i øydemarkerne, tok heile Israels-lyden til å mukka
mot Moses og Aron, 3 og sagde: «Det vøre betre me
hadde døytt for Herrens hand i Egyptarlandet, då me
sat uppyver kjøtgrytorne og åt oss mette på brød.
For no hev de ført oss ut i villmarki, so heile denne
mannefjølden lyt døy av svolt.» 4 Då sagde Herren til
Moses: «Sjå no vil eg lata det regna brød åt dykk frå
himmelen, og folket skal ganga ut kvar dag og sanka
det dei treng for dagen; soleis vil eg røyna deim, um
dei held seg etter lovi mi eller ikkje. 5 Og når dei lagar
til det dei kjem heim med sette dagen, då skal det vera
ein gong til so mykje som det dei elles sankar um
dagen.» 6 So sagde Moses og Aron til alt Israels-folket:
«I kveld skal de koma til å sanna at det er Herren som
hev ført dykk ut or Egyptarlandet; 7 og i morgon tidleg
skal de få sjå kor stor Herren er; for han hev høyrt
korleis de mukkar imot honom - kva er vel me? kann
det vera verdt å mukka mot oss? 8 De skal få sjå det,
» sagde Moses, «når han gjev dykk kjøt å eta i kveld
og brød i morgon tidleg, so de fær metten dykkar; for
Herren hev høyrt korleis de murrar og mukkar imot
honom - kva er vel me? det er ikkje oss de mukkar
imot, men Herren.» 9 So Moses sagde med Aron:
«Seg til heile Israels-lyden: «Stig fram for Herrens
åsyn! For han hev høyrt korleis de mukkar.»» 10 Då
hende det, medan Aron tala til heile Israels-lyden, og
dei vende augo mot øydemarki, at Herrens herlegdom
synte seg i skyi. 11 Og Herren tala til Moses og sagde:
12 «Eg hev høyrt korleis Israels-folket mukkar. Tala du
til deim og seg: «I skumingi skal de få kjøt å eta, og i
morgon tidleg skal de få metta dykk med brød, og de
skal sanna, at eg er Herren, dykkar Gud.»» 13 Då det
so vart kvelden, kom enghønorne fljugande so tjukt, at
dei tekte heile lægret, og um morgonen hadde det lagt
seg dalskodd rundt ikring lægret, 14 og då skoddi letta,
fekk dei sjå noko fint, kornut, burtyver heidi; det låg
tunt som ei hela på marki. 15 Då Israels-folket såg det,
sagde dei seg imillom: «Kva er dette?» For dei visste
ikkje kva det var. Då sagde Moses til deim: Det er det
brødet som Herren hev gjeve dykk å eta. 16 Høyr no
kva Herren hev sagt: «De skal sanka av det so mykje
de treng, ei kanna til manns, etter som de hev folk til;
kvar skal henta åt deim som høyrer til huset hans. 17
Og Israels-folket gjorde som han sagde, og sanka,
sume mykje og sume lite. 18 Men då dei mælte det i
kannemålet, gjekk det inkje av for deim som hadde
sanka mykje, og det som mindre hadde sanka, leid
ingen skort; kvar hadde sanka det han turvte. 19 Og
Moses sagde til deim: Ingen må leiva noko av det til
morgons.» 20 Men dei høyrde ikkje på Moses, og sume
etla att noko til morgonmålet; då kvikna det makk i det,
og det stod ei vond tev av det. Og Moses vart vreid på
deim. 21 Sidan sanka dei det morgon etter morgon,
kvar etter som han trong til. Men når soli tok til å hita,
so bråna det. 22 So hende det sette dagen at dei fann
ein gong til so mykje brød som elles, tvo kannor til
manns, og alle dei øvste av lyden kom og sagde det
med Moses. 23 Då sagde han til deim: «Det er det
Herren hev sagt: «I morgon er det kviledag, helgekvild
for Herren.» Baka no det de vil, og koka det de vil!
Men alt det som vert att, skal de leggja burt og gøyma
til morgons.» 24 So lagde dei det burt til um morgonen,

som Moses sagde, og det stod ingen illtev av det, og
kom ikkje makk i det. 25 Og Moses sagde: «Et det i
dag, for i dag er det kviledag for Herren; i dag finn
de ikkje noko på marki. 26 Seks dagar skal de sanka
det; men den sjuande dagen er det helg; då er det
ikkje å finna.» 27 Likevel var det nokre av folket som
gjekk ut den sjuande dagen og vilde sanka, men dei
fann inkje. 28 Då sagde Herren til Moses: «Kor lenge
skal det vara fyrr de vil lyda bodi og loverne mine? 29
Kom i hug: Herren hev gjeve dykk kviledagen; difor er
det at han sette dagen gjev dykk brød for tvo dagar.
Haldt dykk no heime, kvar hjå seg! Ingen gange burt
frå bustaden sin sjuande dagen!» 30 Sidan heldt folket
seg i ro den sjuande dagen. 31 Israels-ætti kalla det
brødet manna; det liktest korianderfrø; det var kvitt
på liten, og smaka som vaflar med honning. 32 Og
Moses sagde: «Høyr no kva Herren segjer til dykk:
«Ein full kanna med manna skal de gøyma, mann etter
mann, so etterkomarane dykkar kann sjå det brødet eg
gav dykk å eta i øydemarki, då eg fylgde dykk ut or
Egyptarlandet!»» 33 So sagde han til Aron: «Tak ei
krukka og hav upp i henne ei full kanna med manna,
og set det ned for Herrens åsyn, so det vert gøymt frå
mann til mann.» 34 Og Aron gjorde som Herren hadde
sagt til Moses, og sette det ned framfor lovtavlorne:
der skulde det gøymast. 35 Israels-folket åt manna i
fyrti år, til dess dei kom til bygde land; manna åt dei alt
til dei kom til utenden av Kana'ans-landet. 36 Ei kanna,
det var tiandeparten av ei skjeppa.

**17** So tok heile Israels-lyden ut frå Sinheidi, og for
dagsleid etter dagsleid, soleis som Herren sagde
deim fyre. Sidan lægra dei seg i Refidim; med der
fanst det ikkje vatn so folket kunde få drikka. 2 Og
folket trætta med Moses og sagde: «Gjev oss vatn,
so me fær drikka!» Då sagde Moses med deim: «Kvi
trættar de med meg? Kvi freistar de Herren?» 3 Men
folket tyrsta etter vatn, og dei mukka mot Moses og
sagde: «Kvi hev du då ført oss burt frå Egyptarland?
Vil du då at me og borni våre og feet vårt skal døy av
torste?» 4 Då ropa Moses til Herren og sagde: «Kva
skal eg gjera med dette folket? Det er ikkje lenge fyrr
dei steinar meg!» 5 Og Herren sagde til Moses: «Far i
veg fyre folket! Få med deg nokre av dei øvste i Israel,
og staven din som du slo i elvi med, tak den i handi,
og gakk so! 6 Du skal få sjå meg standa midt for augo
dine uppyver ei ufs der burte på Horeb; då skal du
slå på ufsi, og det skal koma vatn ut or henne, so
folket fær drikka.» Moses gjorde som Herren sagde,
so dei øvste i Israel såg på det. 7 Den staden kalla
han Massa og Meriba, av di at Israels-folket trætta
med honom, og av di dei freista Herren og sagde: «Er
Herren imillom oss eller ikkje?» 8 Sidan kom Amalek-
mennerne og gav seg i strid med Israel i Refidim. 9 Då
sagde Moses til Josva: «Vel oss ut nokre menner, og
tak ut og haldt slag med Amalek-heren, so skal eg
i morgon standa øvst på haugen med gudsstaven i
handi.» 10 Josva gjorde som Moses sagde til honom
og slost med Amalek-heren, og Moses og Aron og Hur
steig upp på høgste haugen. 11 Då gjekk det so at når
Moses heldt handi i veret, hadde Israel yvertaket, og
når han let handi siga, so vann Amalek. 12 Men so tok
Moses til å trøytna i henderne; då tok dei ein stein og
lagde til rettes for honom; den sette han seg på, og
Aron og Hur studde henderne hans, ein på kvar sida.
Då heldt han henderne støde alt til soli var gladd. 13
Josva hogg ned Amalek-kongen og folket hans med
kvasse sverdet. 14 Og Herren sagde til Moses: «Skriv
dette upp i ei bok, so det ikkje gjeng dykk or minne, og
lat Josva feste det i hugen at eg vil rydja ut av jordi
alt som ber Amalek-namnet.» 15 Då bygde Moses eit
altar og kalla det: «Herren er hermerket mitt», 16 og
han kvad: «Frå Herrens høgsæte ei hand er lyft! Med
ufred søkjer han Amalek, ætt for ætt.»

**18** Då Jetro, presten i Midjan, verfar åt Moses, fekk
spurt alt det som Gud hadde gjort mot Moses og
mot Israel, folket sitt: korleis Herren hadde ført Israel
ut or Egyptarland, 2 so tok han med seg Sippora,
kona åt Moses, som Moses hadde sendt heim for ei
tid, 3 og båe sønerne hennar - den eine kalla dei
Gersom, «for eg hev fenge heimvist i eit framandt land,
» sagde Moses, 4 og den andre kalla dei Eliezer, «for,
» sagde han, «Far min's Gud var hjelpi mi, og berga
meg for sverdet åt Farao» - 5 og no kom dei, både
Jetro, verfar åt Moses, og sønerne og kona hans, til
Moses i øydemarki, der han hadde lægret sitt, innmed
Gudsfjellet. 6 Og han sende bod til Moses og sagde:
«Eg, Jetro, verfar din, kjem til deg med kona di, og båe
sønerne sine hev ho med seg.» 7 Då gjekk Moses
til møtes med verfar sin, og bøygde seg for honom,
og kysste honom, og dei spurde einannan korleis til
stod. So gjekk dei inn i tjeldbudi, 8 og Moses fortalde
verfar sin um alt det Herren hadde gjort med Farao
og egyptarane for Israel skuld, og all den møda dei
hadde vore uti på vegen, og korleis Herren hadde
hjelpt deim. 9 Og Jetro vart glad for alt det gode som
Herren hadde gjort mot Israel, at han hadde berga
deim for egyptarane. 10 Og Jetro sagde: «Lova vere
Herren, som berga dykk for egyptarane og for Farao,
han som fria folket ut or trældomen hjå egyptarane.
11 No veit eg at Herren er større enn alle gudar; for
det dei tenkte å fella deim med, det gjorde han til ei
fella for deim sjølve. 12 Og Jetro, verfar åt Moses, tok
slagtefe, og laga til eit brennoffer og offergilde for Gud.
Og Aron og alle dei øvste i Israel kom og heldt måltid

for Guds åsyn saman med verfar åt Moses. 13 Dagen
etter sat Moses og skifte rett millom folket, og folket
stod ikring honom frå tidleg um morgonen til seint på
kvelden. 14 Då no verfar hans såg alt det han hadde
å gjera for deim, so sagde han: «Kva er dette for eit
arbeid du legg på deg for folket? Kvi sit du domar
åleine, og let heile ålmugen standa uppyver deg frå
morgon til kveld?» 15 Jau for folket kjem til meg og vil
få vita Guds vilje, » sagde Moses med verfar sin. 16
«Når dei hev ei sak med kvarandre, kjem dei til meg,
og so dømer eg mann og mann imillom, og lærer deim
Guds bod og lover.» 17 Då sagde verfar åt Moses
med honom: «Det er ikkje klokt det du der gjer. 18 De
trøyter dykk ut, både du og dette folket, som er med
deg. For dette er for stridt for deg; du vinn ikkje gjera
det åleine. 19 Men høyr no på meg, eg vil leggja deg
ei råd, og so vere Gud med deg! Ver du målsmann
for folket hjå Gud, og gakk du til Gud med sakerne
deira. 20 Og minn dei um bodi og loverne hans, og syn
deim kva veg dei skal ganga og korleis dei skal fara
åt. 21 Vel deg so ut dugande menner av ålmugen,
menner som hev age for Gud, truverdige folk, som
hatar låk vinning, og set deim til domsmenner, sume
yver tusund og sume yver hundrad og sume yver femti
og sume yver ti: 22 dei skal skifta rett millom folk til
kvar tid: alle store saker skal dei koma til deg med, og
alle små saker skal dei døma i sjølve. Då lettar du
byrdi for deg sjølv, og dei hjelper deg å bera henne. 23
Gjer du det, og er det so Guds vilje, so kann både du
halda ut, og alt dette folket koma heim til seg i fred og
ro.» 24 Moses lydde verfar sin, og gjorde alt det han
hadde sagt. 25 Han kåra ut dugande menner av heile
Israel, og sette deim til hovdingar og domsmenner yver
folket, sume yver tusund, og sume yver hundrad, og
sume yver femti, og sume yver ti. 26 Dei skifte då til
kvar tid rett millom folket; alle vande saker kom dei til
Moses med, men i alle småsaker dømde dei sjølve. 27
So baud Moses farvel med verfar sin, og han for heim
att til sitt eige land.

**19** Trimånadsdagen etter Israels-folket hadde fare
frå Egyptarland, kom dei til Sinaiheidi: 2 Dei tok
ut frå Refidim, og kom til Sinaiheidi, og der lægra Israel
seg i villmarki midt for fjellet. 3 So steig Moses upp til
Gud, og Herren ropa til honom frå fjellet og sagde:
«Dette skal du segja til Jakobs-ætti og gjera kunnigt
for Israels-folket: 4 «De hev set kva eg gjorde med
egyptarane, og korleis eg lyfte dykk på ørnevengjer og
bar dykk hit til meg. 5 Vil de no lyda vel etter ordi mine
og halda sambandet med meg, so skal de vera mitt
odelsfolk framum alle andre; for heile jordi er mi. 6
Og de skal vera meg eit kongerike av prestar og eit
heilagt folk.» Desse ordi skal du tala til Israel.» 7 Då
Moses kom att, kalla han i hop dei øvste av folket, og
bar fram det bodet som Herren hadde sendt honom
med. 8 Då svara folket alle som ein: «Alt det Herren
hev sagt, skal me gjera.» Og Moses bar svaret deira
attende til Herren. 9 Då sagde Herren til Moses: «Høyr
her! Eg skal koma til deg i ei tett sky, so folket kann
høyra at eg talar med deg; då skal dei tru på deg
i al æva.» Då Moses hadde sagt Herren kva folket
svara, 10 so sagde Herren til honom: «Gakk til folket,
og seg dei skal helga seg idag og i morgen og två
klædi sine. 11 Tridje dagen skal dei halda seg reiduge;
for då vil Herren stiga ned på Sinaifjellet for augo åt
alt folket. 12 Og du skal setja ei stengsla for folket
rundt ikring, og segja: «Vara dykk og gakk ikkje upp på
fjellet, og kom ikkje innåt det! Kvar den som kjem innåt
fjellet, skal døy. 13 Ingen må taka si hand i honom!
Han skal steinast eller skjotast; anten det er folk eller
fe, so skal dei lata livet.» Men når dei høyrer hornet
ljomar, då må dei stiga upp på fjellet.» 14 So gjekk
Moses ned av fjellet til folket, og sagde dei skulde
helga seg. Då tvo dei klædi sine. 15 Og han sagde til
deim: «Tridje dagen lyt de halda dykk reiduge! Kom
ikkje nær kvende!» 16 So var det tridje dagen, med
same det ljosna, då bar det laust med toreslått og ljon;
på fjellet låg ei tjukk sky, og dei høyrde ein ovsterk
lurljod. Då skalv alt folket som i lægret var. 17 Men
Moses førde folket ut or lægret, til møtes med Gud, og
dei vart standane innunder fjellet. 18 Og heile Sinai
stod i ein røyk, av di at Herren for ned på nuten i eld;
røyken steig upp som av ein masomn, og heile fjellet
dirra og skalv. 19 Og ljurljoden auka og vart sterkare
og sterkare: Moses tala, og Gud svara honom lydt. 20
Då Herren hadde stige ned på Sinai, på øvste tinden,
so kalla han Moses upp på nuten til seg. Då gjekk
Moses upp, 21 og Herren sagde til honom: «Gakk ned
og vara folket, so dei ikkje bryt seg fram til Herren og
vil sjå honom; for då kjem mange av deim til å stupa.
22 Og prestarne, som kjem næmare innåt Herren, lyt
og helga seg, so Herren ikkje skal fara inn imillom
deim.» 23 Då sagde Moses til Herren: «Folket kann
ikkje koma upp på Sinai. For du hev sjølv vara oss og
sagt: «Set eit gjerde kring fjellet, og lys det heilagt!»»
24 Og Herren sagde til honom: «Gakk no berre ned,
og kom so upp att, både du og Aron! Men prestarne
og ålmugen må ikkje brjota seg fram og stiga upp til
Herren; for då kjem han til å fara inn imillom deim.» 25
So gjekk Moses ned til folket og sagde det med deim.

**20** Då tala Gud alle desse ordi, og sagde: 2
«Eg er Herren, din Gud, som henta deg ut or
Egyptarlandet, or slavehuset. 3 Du skal ikkje hava
nokon annan gud attåt meg! 4 Du skal ikkje gjera deg

noko gudebilæte, eller nokor likning av det som er uppi
himmelen, eller det som er nedpå jordi, eller det som er
i vatnet, nedunder jordi! **5** Du skal ikkje beda til deim,
og ikkje skal du tena deim! For eg, Herren, din Gud,
er ein streng Gud, som hemnar broti åt federne på
borni og barneborni og barnebarns-borni åt deim som
hatar meg, **6** men gjer vel imot tusund etter tusund av
deim som elskar meg og held bodi mine. **7** Du skal
ikkje nemna namnet åt Herren, din Gud, utan age! For
Herren held ikkje den uskuldig som brukar namnet
hans vyrdlaust. **8** Kom i hug at du held kviledagen
heilag! **9** Seks dagar må du arbeida og gjera alt det
du skal. **10** Men den sjuande dagen skal vera ein
kviledag vigd åt Herren, din Gud. Då skal du ikkje gjera
noko arbeid, korkje du eller son din eller dotter di eller
drengen din eller tenestgjenta di eller feet ditt eller den
framande som held seg innan portarne dine! **11** For i
seks dagar skapte Herren himmelen og jordi og havet
og alt som i deim er; men den sjuande dagen kvilde
han; difor velsigna Herren kviledagen, og lyste honom
heilag. **12** Æra far din og mor di, so du fær liva lenge i
det landet som Herren, din Gud, gjev deg! **13** Du skal
ikkje drepa! **14** Du skal ikkje vera utru mot maken din!
**15** Du skal ikkje stela! **16** Du skal ikkje vitna rangt imot
grannen din! **17** Du skal ikkje trå etter huset åt grannen
din! Du skal ikkje trå etter kona åt grannen din, eller
drengen eller tenestgjenta eller uksen eller asnet hans,
eller noko anna som høyrer grannen din til». **18** Og
heile folket såg og høyrde toreslagi og eldingarne og
lurljoden og røyken av fjellet; og då dei gådde det,
skalv dei, og heldt seg langt undan. **19** Og dei sagde
til Moses: «Tala du med oss, so skal me høyra, men
lat ikkje Gud tala med oss; for då døyr me!» **20** Då
sagde Moses til folket: «Ver ikkje rædde! Gud vil røyna
dykk; difor er det han kjem - og at agen for honom skal
bu i hjarto dykkar, so de ikkje syndar.» **21** Men folket
vart standande langt burte, medan Moses gjekk innåt
myrkeskodda, der Gud var. **22** Og Herren sagde til
Moses: «So skal du segja til Israels-folket: «De hev
høyrt korleis eg tala til dykk frå himmelen. **23** De skal
ikkje gjera dykk nokon gud attåt meg! Gudar av sylv
eller gull skal de ikkje gjera dykk! **24** Eit altar av torv
skal du gjera meg, og på det skal du ofra brennofferi
og takkofferi dine, småfeet og storfeet ditt! Kvar den
stad som eg vil hava namnet mitt æra, skal eg koma til
deg og velsigna deg. **25** Men gjer du eit steinaltar åt
meg, so skal du ikkje byggja det av hoggen stein; for
brukar du bitjarn på steinarne, so vanhelgar du deim.
**26** Heller ikkje skal du stiga upp til altaret mitt etter ei
tropp, so du nækjer blygsli di uppyver det.

**21** So er dei retterne du skal leggja fram for deim:
**2** Når du kjøper ein hebraisk tenestdreng, so skal
han tena seks år; i det sjuande skal han sleppa or
tenesta for inkje og vera fri mann. **3** Var han einsleg
då han kom, so skal han og fara sin veg einsleg; var
han gift, so skal kona hans vera med honom. **4** Hev
han fenge ei kona av husbonden sin, og fær søner
eller døtter med henne, so skal kona og borni høyra
husbonden til, og sjølv skal han fara sin veg einsleg. **5**
Men segjer tenaren so: «Eg held av husbonden min og
kona mi og borni mine; eg vil ikkje vera fri og fara min
veg, » **6** då skal husbonden føra honom fram for Gud;
og leida honom innåt hurdi eller dørskii, og husbonden
skal stinga ein syl gjenom øyra hans; sidan skal han
tena honom all si tid. **7** Når ein mann hev selt dotter si
til tenestgjenta, so kann ikkje ho tena seg fri liksom
drengjerne. **8** Hev husbonden fest henne åt seg sjølv,
og so ikkje likar henne, skal han lata henne få kjøpa
seg fri; han skal ikkje hava rett til å selja henne til
utlendingar, fyrst han ikkje held det han lova henne. **9**
Men hevhan fest henne åt son sin, so skal ho njota
same retten som døtterne hans eigne. **10** Tek han seg
ei onnor attåt henne, so skal han ikkje lata den fyrste
vanta kost eller klæde eller hjåsvæve. **11** Dersom han
ikkje let henne få sin rett i desse tri stykki, so skal ho
sleppa fri for inkje; ho skal'kje leggja pengar. **12** Den
som slær ein mann so han døyr, han skal lata livet. **13**
Men hev han ikkje lege etter honom, og hev Gud laga
det so at hin laut falla for handi hans, so skal eg nemna
deg ein fredstad som han kann røma til. **14** Når ein
mann er so gudlaus at han drep grannen sin med svik,
då skal du taka honom, um det so er innmed altaret
mitt: han skal døy. **15** Den som slær far sin eller mor si,
skal lata livet. **16** Den som tek ein mann og sel honom
eller held honom fanga, skal lata livet. **17** Den som
bannar far sin eller mor si, skal lata livet. **18** Når tvo
trættar, og den eine slær den andre med ein stein eller
med neven, og hin ikkje døyr, men vert sengeliggjande,
**19** og sidan kjem upp att, og gjeng ute med stav, då
skal den som slo vera saklaus. Men han skal halda
den andre skadelaus for den tidi han var ufør til arbeid,
og kosta full lækjedom på honom. **20** Når ein mann
slær drengen eller tenestgjenta si med ein stav, so dei
døyr under henderne hans, då skal det hemnast. **21**
Men liver dei ein dag eller tvo etterpå, so skal det ikkje
hemnast; for dei var hans eigedom. **22** Når folk er i
hop og slæst, og dei støyter til ei fremmeleg kvinna,
so ho fer ille, men ikkje elles fær noko mein, so skal
den som gjorde det gjeva i skadebot so mykje som
mannen hennar legg på honom, eller og skal dei gjeva
det under menner. **23** Men er det nokon som fær mein,
so skal du gjeva liv for liv, **24** auga for auga, tonn
for tonn, hand for hand, fot for fot, **25** og taka brune
for brune, sår for sår, flengja for flengja. **26** Når ein

mann slær drengen sin, eller tenestgjenta si, i auga,
so det vert unytt, so skal han til bot for auga gjeva
deim frie. 27 Slær han ut ei tonn på deim, so skal han
gjeva deim frie til bot for tonni. 28 Når ein ukse stangar
mann eller kona so dei døyr, då skal uksen steinast,
og kjøtet må ikkje etast; eigarmannen er saklaus. 29
Men hev uksen fyrr vore olm, og eigaren er vara um
det, og endå ikkje agtar honom, og han sidan drep
mann eller kona, so skal uksen steinast, og eigaren
skal og lata livet. 30 Vil dei taka bøter, so skal han
gjeva i løysepening for livet sitt so mykje som dei legg
på honom. 31 Stangar uksen svein eller møy, so gjeld
same retten. 32 Stangar han dreng eller tenestgjenta,
so skal eigaren bøta tretti sylvdalar til husbonden deira,
og uksen skal steinast. 33 Når ein mann let ein brunn
standa open, eller grev ein brunn og ikkje tekkjer yver,
og ukse eller asen dett ned i, 34 då skal den som eig
brunnen, gjera lika for det: han skal gjeva den som
åtte dyret pengar att i staden, men den daude skrotten
skal vera hans. 35 Når uksen åt ein mann stangar i hel
ein framand ukse, då skal eigarane selja den uksen
som liver, og byta pengarne millom seg, og den daude
uksen skal dei og byta. 36 Men er det kunnigt at uksen
var olm, og eigaren ikkje hev agta honom, so skal han
gjeva ein ukse i staden, og sjølv hava den daude.

**22** Når ein mann stel eit naut eller ein sau, og
slagtar eller sel deim, då skal han gjeva fem naut
i staden for nautet, og fire sauer for sauen. 2 Vert
tjuven teken, medan han bryt seg inn, og slegen so
han døyr, so skal det ikkje reknast for manndråp. 3
Men gjeng det fyre seg etter soli hev runne, so vert det
ei dråpssak. Tjuven skal gjeva full bot. Eig han ikkje
so mykje, so skal han seljast til bot for det han hev
stole. 4 Vert tjuvegodset funne hjå honom, anten det
er naut eller asen eller sau, og det endå er livande, so
skal han bøta tvo for eitt. 5 Når ein mann beiter bøen
eller vingarden sin, og slepper feet sitt utyver, so det
gjer skade på annan manns eiga, då skal han gjeva
i bot det beste som veks på bøen eller i vingarden
hans. 6 Når det kjem upp lauseld og det fatar i eit
klungergjerde, og kornskurv eller uskore korn eller
heile åkeren brenn upp, då skal den bøta skaden som
kveikte elden. 7 Når ein mann hev gjeve grannen sin
pengar eller eignaluter til gøymings, og det vert stole
utor huset det ligg i, då skal tjuven, so sant han vert
funnen, tvibøta det. 8 Men vert ikkje tjuven funnen,
so skal huseigaren ganga fram for Gud og vitna at
han ikkje hev rett ut handi si etter det som grannen
hans åtte. 9 Kvar gong det gjeld ei tjuvesak, anten
det er eit naut eller eit asen eller ein sau eller klæde
eller eitkvart anna som er burtkome, og so ein segjer:
«Her er det!» då skal dei båe ganga fram for Gud, og
den som Gud dømer skuldig, skal bøta tvifaldt til den
andre. 10 Når ein mann hev sett burt eit asen eller
eit naut eller ein sau eller noko anna dyr til grannen
sin, og det døyr, eller kjem til skade, eller vert rana
vitnelaust, 11 då skal eiden skilja millom deim: han
skal kalla Herren til vitne på at han ikkje hev rett ut
handi etter det som grannen hans åtte; den eiden skal
eigaren taka for god, og hin skal ingi bot leggja. 12
Men vert det stole frå honom, so skal han gjera eigaren
like for det. 13 Vert det ihelrive, so skal han syna det
fram til prov; skaden skal han ikkje bøta. 14 Når ein
mann låner fe av ein annan, og det kjem til skade eller
døyr, og eigaren ikkje er med, skal han gjeva full bot,
15 men er eigaren med, so skal han ikkje bøta. Er det
ein leigekar, so gjeng det av på løni hans. 16 Når ein
lokkar ei møy som ikkje er trulova, og ligg hjå henne,
då skal han gjeva henne festargåvor, og taka henne
til kona. 17 Vil ikkje faren lata honom få henne, so
skal hin leggja so mange pengar som møyar er vane
å få i festargåva. 18 Ei trollkjerring skal du ikkje lata
liva. 19 Kvar den som blandar seg med fe, skal lata
livet. 20 Den som ofrar til avgudarne og ikkje til Herren
åleine, han skal vera bannstøytt. 21 Dei framande skal
du ikkje plåga eller fara hardt med; for de var sjølve
framande i Egyptarlandet. 22 Enkjor og farlause skal
de aldri vera harde mot. 23 Er de harde mot deim, og
dei ropar til meg, so skal eg visst og sant høyra ropi
deira, 24 og harmen min skal loga upp, og eg skal slå
dykk med sverdet, so dykkar konor vert enkjor og borni
dykkar farlause. 25 Låner du nokon av folket mitt, den
fatige grannen din, pengar, so skal du ikkje fara som
ein okrar med honom; de skal ikkje krevja renta av
honom. 26 Fær du kjolen åt grannen din i vissa, so
lat honom få honom att fyre soleglad. 27 For den er
det einaste han hev til å sveipa kring seg; det er det
han skal klæda likamen sin med; kva skal han elles
liggja i? Og når han ropar til meg, skal eg høyra det;
for eg er hjartemild. 28 Gud skal du ikkje hæda, og ein
hovding i folket ditt skal du ikkje banna. 29 Du skal
ikkje drygja med å gjeva meg av det som fyller løda di,
og som dryp frå vinpersa di. Den frumborne sonen din
skal du gjeva meg. 30 Det same skal du gjera med
nauti dine og småfeet ditt; sju dagar skal frumsungen
fylgja mor si; den åttande dagen skal du lata meg få
honom. 31 Heilage menner skal de vera meg. Kjøt
som de finn ihelrivne på marki, skal de ikkje eta; for
hundarne skal de kasta det.

**23** Far ikkje med ljugardrøs! Slå ikkje lag med den
som hev ei rang sak, so du vitnar med honom og
hjelper uretten. 2 Fylg ikkje flokken i det som vondt er!
Tala ikkje soleis på tinget at du hallar etter hopen og
rengjer retten! 3 Um det so er ein arming, so skal du'kje

snilda på saki hans. 4 Når du finn ein ukse eller eit
asen som hev vildra seg burt, og som uvenen din eig,
so skal du hava deim attende til honom! 5 Når du ser at
asnet åt uvenen din hev sige under kløvi, so må du'kje
tenkja på å ganga ifrå honom; du lyt hjelpa honom å
løysa kløvi! 6 Reng ikkje retten for fatigfolk på tinget! 7
Haldt deg burte frå alle lygnarsaker, so du ikkje vert
skuld i at ein saklaus og rettferdig mann let livet! For
den som er skuldig, dømer ikkje eg fri. 8 Tak ikkje
mutor! For mutorne synskverver deim som ser klårt, og
rengjer saki for dei som hev rett. 9 Far ikkje hardt med
dei framande! For de veit korleis det er å kjenna seg
framand; de var sjølve framande i Egyptarlandet. 10
Seks år skal du så til jordi di, og hausta det ho ber; 11
men det sjuande skal du lata henne liggja og kvila, so
dei fatige i landet kann finna noko å liva av, og det
som dei leiver, må villdyri eta; sameleis skal du gjera
med vingarden din og oljetrei. 12 Seks dagar lyt du
gjera arbeidet ditt; men den sjuande dagen skal du
halda heilag, so uksen din og asnet ditt kann hava ro,
og tenaren din og den framande mannen fær kvila
seg. 13 Alt det eg hev sagt ifrå um, lyt de vara dykk
for! Nokon annan gud må de ikkje nemna! Slikt må
du aldri taka på tunga! 14 Tri gonger um året skal du
halda høgtid for meg. 15 Fyrst er det søtebrødhelgi; då
skal du i sju dagar eta søtt brød, soleis som eg hev
sagt deg, på den tid eg hev sett, i aksmånaden; for
då tok du ut frå Egyptarland. Og ingen må visa seg
tomhendt for augo mine. 16 So er det skurdhelgi, når
du skjer fyrstegrøda av det du sådde på åkeren, og
so hausthelgi, når året er ute, og du samlar i hus det
du hev avla på marki. 17 Tri vendor um året skal alle
karmennerne dykkar møta for Drotten, for Herren. 18
Du skal ikkje bera fram blodet av offerdyri mine i hop
med brød som er syrt, og feittet av høgtidsofferet mitt
må ikkje verta liggjande natti yver, til morgons. 19 Det
aller fyrste av grøda på marki di skal du bera til huset
åt Herren, din Gud. Du skal ikkje sjoda kidet i mjølka
åt mor si. 20 Sjå no sender eg ein engel framfyre deg;
han skal vara deg på vegen, og fylgja deg fram til den
staden som eg hev etla deg. 21 Tak deg i vare for
honom, og lyd etter ordi hans! Set dykk ikkje upp imot
honom! For han vil ikkje tola broti dykkar; i honom er
eg sjølv. 22 Men lyder du so sant etter ordi hans og
gjer alt det eg segjer, so skal eg hata deim som hatar
deg, og trengja deim som trengjer deg. 23 For min
engel min skal ganga fyre deg, og fylgja deg fram til
amoritarne og hetitarne og perizitarne og kananitarne
og hevitarne og jebusitarne, og eg vil øyda deim ut.
24 Du skal ikkje tena og ikkje tilbeda gudarne deira!
Du skal ikkje gjera som dei gjer, men du skal riva ned
avgudarne og slå sund minnesteinarne deira. 25 De
skal tena Herren, dykkar Gud! Då skal han signa både
brødet og vatnet for deg, og sott og sykja skal eg
venda frå deg. 26 Det skal ikkje finnast kvende i landet
ditt som fer ille eller ikkje er barnkjømd. Du skal få
liva alderen ut. 27 Fælska for meg skal eg senda fyre
deg; alle dei folki du kjem til, skal eg forvilla; eg skal
laga det so at alle fiendarne dine syner deg ryggen.
28 Ein kvefsesvarm vil eg senda fyre deg; den skal
støkkja burt både hevitar og kananitar og hetitar. 29 Eg
vil ikkje driva deim ut på eitt år; for då kunde landet
øydast, og villdyri verta for mange for deg. 30 Småtт
um senn vil eg jaga deim ut for deg, til dess du veks til,
og tek landet i eige. 31 Og riket ditt det skal rekka frå
Sevsjøen til Filistarhavet, og frå Øydemarki til Storelvi.
So gjev eg no i henderne dykkar deim som bur og
byggjer i landet, og du skal driva dei ut. 32 Aldri må du
gjera noko samband med deim eller gudarne deira. 33
Dei må ikkje bu i landet ditt; for då kunde dei lokka deg
til å synda mot meg, og tenar du gudarne deira, so
vert det deg til ei snara.»»

**24** Og til Moses sagde han: «Stig upp til Herren,
du og Aron, og Nadab og Abihu, og sytti av dei
øvste i Israel. Medan de endå er langt undan, skal de
kasta dykk å gruve, 2 og Moses åleine skal ganga
fram til Herren; men dei hine må ikkje ganga fram,
og ålmugen må ikkje stiga med honom upp.» 3 Då
Moses kom og bar upp for folket alle Herrens bod
og rettar, då svara heile folket med ein munn: «Alle
dei ordi som Herren hev gjeve, vil me halda.» 4 So
skreiv Moses upp alle Guds bod, og morgonen etter
reis han upp i otta, og bygde eit altar innunder fjellet,
og reiste tolv minnesteinar for dei tolv Israels-ætterne.
5 Sidan sende han ut nokre unge menner av Israels-
folket, som skulde laga til brennoffer og slagtoffer,
og dei henta uksar og ofra takkoffer til Herren. 6 Og
Moses tok helvti av blodet og hadde i bollarne; og
den andre helvti skvette han på altaret. 7 So tok han
sambandsboki og las upp for folket, og dei sagde: «Alt
det Herren hev sagt, vil me gjera, og vera lyduge.» 8
Då tok Moses blodet og skvette på folket, og sagde:
«Sjå dette blodet skal bera vitne um det sambandet
som Herren hev gjort med dykk, og som er grunna
på alle desse bodi.» 9 Sidan gjekk dei upp, Moses
og Aron og Nadab og Abihu og sytti av dei øvste i
Israel, 10 og dei såg Israels Gud; under føterne hans
var som ein tram av safirhellor, klåre som himmelen
sjølv. 11 Og han lyfte ikkje handi mot dei utvalde av
Israel; dei skoda Gud, og sidan åt dei og drakk. 12 Og
Herren sagde til Moses: «Kom upp til meg på fjellet,
og ver her eit bil, so skal eg gjeva deg steintavlorne og
lovi og bodi, som eg hev skrive upp og vil læra deim.»
13 Då gjekk Moses i veg med Josva, fylgjesveinen

sin, og Moses steig upp på Gudsfjellet. 14 Og til dei
øvste i Israel sagde han: «Ver no her og bia på oss, til
me kjem attende! Her er Aron og Hur; dei skal vera
hjå dykk. Er det nokon som hev ei sak, so kann han
ganga til deim.» 15 So steig Moses upp på fjellet, og
skyi sveipte seg tett ikring nuten. 16 Herlegdomen åt
Herren heldt seg på Sinai, men skyi gøymde nuten i
seks dagar. Den sjuande dagen ropa Herren til Moses
utor skyi. 17 Og herlegdomen åt Herren var å sjå
til for augo åt Israels-folket som ein logande eld på
fjelltinden. 18 So gjekk Moses inn i skyi, og steig upp
på nuten. Og Moses var på fjellet i fyrti dagar og fyrti
næter.

**25** Og Herren tala til Moses, og sagde: 2 «Seg med
Israels-folket at dei skal koma med ei reida til
meg! Kvar skal gjeva etter som han hev hjartelag til,
og det dei gjev meg, skal de taka imot. 3 Gåvorne som
de skal taka imot av deim, det lyt vara gull og sylv og
kopar 4 og purpur og skarlak og karmesin og kvitt lin
og geiteragg 5 og raudlita verskinn og markuskinn og
akazietre, 6 olje til ljosestaken, kryddor til salvingsoljen
og til den angande røykjelsen, 7 sjohamsteinar og
andre dyre steinar til å setja på messehakelen og
bringeduken. 8 Og dei skal gjera meg ein heilagdom,
so vil eg bu imillom dei. 9 Både huset eg skal bu i
og all husbunaden skal de i alle måtar gjera etter det
bilætet eg vil syna deg. 10 Dei skal gjera ei kiste av
akazietre, halvtridje aln lang og halvonnor aln breid og
halvonnor aln høg. 11 Den skal du klæda med skirt
gull, både utan og innan skal du gullklæda henne, og
gjera ein gullkrans på henne, rundt ikring. 12 Du skal
støypa fire gullringar, og festa deim i dei fire føterne på
kista, tvo på den eine sida og tvo på den andre. 13 So
skal du gjera stenger av akazietre og klæda deim med
gull, 14 og smøygja deim inn i ringarne på sidorne av
kista; dei skal vera til å bera henne etter. 15 Stengerne
skal allstødt sitja i ringarne på kista; dei må aldri takast
utor. 16 I den kista skal du leggja lovtavlorne som
eg vil gjeva deg. 17 So skal du gjera eit lok av skirt
gull, halvtridje aln lang og halvonnor aln breidt. 18 På
endarne av det skal vera tvo kerubar; deim skal du
gjera av drive gull. 19 Den eine keruben skal vera ytst
på den eine enden og den andre ytst på hin enden; i
eitt med loket skal de gjera kerubarne, ein på kvar
ende. 20 Kerubarne skal halda vengjerne utbreidde
og upplyfte, so dei tekkjer yver loket med vengjerne
sine, og andliti deira skal snu imot einannan: dei skal
vende augo mot loket. 21 So skal du leggja loket på
kista, og inni kista skal du leggja lovtavlorne som eg
vil gjeva deg. 22 Og sidan vil eg møtast med deg
der; frå romet yver loket millom båe kerubarne som er
ovanpå lovtavlekista, vil eg tala med deg kvar gong
eg sender deg med bod til Israels-folket. 23 So skal
du gjera eit bord av akazietre, tvo alner langt og ei
aln breidt og halvonnor aln høgt. 24 Du skal klæda
det med skirt gull, og gjera ein gullkrans på det, rundt
ikring. 25 Ei løvdebreid list skal du gjera rundt um det,
og på listi skal du gjera ein gullkrans, som gjeng heilt
ikring. 26 So skal du gjera fire gullringar, og deim skal
du setja i dei fire hyrno på dei fire bordføterne. 27
Tett uppmed listi skal ringarne sitja; dei skal vera til
å smøygja berestenger inn i. 28 Stengerne skal du
gjera av akazietre, og klæda deim med gull; deim er
det bordet skal berast i. 29 Sidan skal du gjera dei
fati og skålerne som høyrer til bordet, og kannorne
og bollarne som de skal skjenkja drykkoffer av; alt
dette skal du gjera av skirt gull. 30 På bordet skal du
allstødt setja fram skodebrød for meg. 31 So skal du
gjera ein ljosestake av skirt gull; drive arbeid skal det
vera, både hoven og leggen. På staken skal det vera
blomar, knuppar og utsprotne blad, og dei skal vera
samgjorde med honom. 32 Seks armar skal greina
seg ut ifrå honom, tri på den eine sida og tri på den
andre. 33 På den eine armen skal det vera tri utsprotne
mandelblomar, med knupp og blad, og på den andre
armen skal og vera tri utsprotne mandelblomar, med
knupp og blad, og soleis på alle dei seks armarne som
greinar seg ut ifrå ljosestaken. 34 På sjølve staken
skal det vera fire utsprotne mandelblomar, med knupp
og blad: 35 ein blomsterknupp under dei fyrste tvo
armarne, og ein under dei næste tvo armarne, og ein
under det tridje paret av dei seks armarne som greinar
seg ut ifrå ljosestaken. 36 Både blomsterknupparne og
armarne skal vera samsmidde med staken: alt skal
vera eitt heilgjort arbeid av drive skirt gull. 37 So skal
du gjera lamporne til ljosestaken, sju i talet, og dei skal
setjast upp so ljoset fell på den veggen som er midt
imot staken. 38 Sakserne og saksplatorne som høyrer
til, skal vera av skirt gull. 39 Tri vågar skirt gull skal de
bruka til ljosestaken og alle desse gognerne. 40 Sjå no
til at du fær gjort dette etter det bilætet som vart synt
deg på fjellet.

**26** Huset skal du gjera av ti åklædevever av kvitt
tvinna lingarn og purpur og skarlak og karmesin,
og i deim skal du veva inn fagre englebilæte. 2 Kvar
vev skal vera åtte og tjuge alner lang og fire alner breid:
alle veverne skal halda same målet. 3 Fem av veverne
skal skøytast i hop til eitt tæpe, og sameleis dei hine
fem veverne. 4 I jaren på den fyrste veven, ytst på det
eine tæpet, skal du gjera lykkjor av purpurgarn, og
sameleis i jaren på den ytste veven i det andre tæpet.
5 Femti lykkjor skal du gjera på den fyrste veven, og
femti lykkjor i jaren på den som høyrer til det andre
tæpet; lykkjorne skal svara mot kvarandre. 6 Og femti

gullkrokar skal du gjera og hekta åklædetæpi i hop,
so det vert eit hus av deim. 7 So skal du veva ryor
av geiteragg til tekkja yver huset; elleve ryor skal du
veva. 8 Kvar vev skal vera tretti alner lang og fire
alner breid; alle dei elleve veverne skal halda same
målet. 9 Fem av ryeveverne skal du skøyta i hop til
eit tæpe for seg, og dei hine seks til eit anna tæpe,
og den sette veven skal du bretta i hop på framsida
av taket. 10 I jaren på den fyrste veven, den som er
ytst i det eine tæpet, skal du gjera femti lykkjor, og i
jaren på den andre skøytingsveven femti lykkjor. 11
Og femti koparkrokar skal du gjera, og hekta deim i
lykkjorne, og soleis festa raggetæpi i hop, so det vert
eitt tak av deim. 12 Vil du vita kva du skal gjera med
det som gjeng av på raggetæpi, so skal helvti av den
veven som gjeng av, hanga ned på baksida av huset,
13 og den eine alni på kvar led som raggetæpi er for
lange, skal hengjast ned etter båe sideveggjerne, til
livd for huset. 14 Yver raggetæpi skal du gjera eit
tak av raudlita verskinn, og ovanpå det att eit tak av
markuskinn. 15 Veggjerne i huset skal du gjera av
akazieplankar. Plankarne skal reisast på ende; 16 dei
skal vera ti alner lange og halvonnor aln breide, 17
og på kvar av deim skal det vera tvo tappar med ei
tverlist imillom. So skal du gjera med alle plankarne i
huset. 18 Tjuge av dei plankarne du gjer til huset, skal
du reisa på solsida, mot sud. 19 Og fyrti sylvstabbar
skal du gjera og setja under dei tjuge plankarne, tvo
under kvar planke, til å festa båe tapparne i. 20 På den
andre sida av huset, på nordsida, skal det og vera
tjuge plankar, 21 med sine fyrti sylvstabbar, tvo under
kvar planke. 22 Til baksida av huset, mot vest, skal
du gjera seks plankar, 23 og til hyrno på den same
sida tvo plankar; 24 dei skal vera tviluta alt nedantil,
og båe luterne skal halda fullt mål heilt upp åt taket,
til den fyrste ringen; so skal dei vera laga båe tvo;
dei skal standa i kvar sitt hyrna. 25 Soleis vert det
på baksida åtte plankar med sylvstabbarne sine, tvo
under kvar planke. 26 So skal du gjera tverstokkar av
akazietre, fem til den eine langveggen på huset, 27 og
fem til den andre langveggen, og fem til tverveggen på
baksida av huset, mot vest. 28 Midtstokken, den som
er midt på plankeveggen, skal ganga langs etter heile
veggen, frå ende til ende. 29 Plankarne skal du klæda
med gull, og ringarne på deim som tverstokkarne ligg
i, skal du gjera heiltupp av gull; tverrstokkarne skal
du og gullklæda. 30 Du lyt setja upp huset på rette
gjerdi, soleis som det vart synt deg på fjellet. 31 So
skal du gjera eit forheng av purpur og skarlak og
karmesin og kvitt tvinna lingarn; væne englebilæte
skal vera innvovne i det. 32 Du skal festa det til fire
gullklædde akaziestolpar, som det er gullhakar på,
og som stend på fire sylvstabbar, 33 og so skal du
hengja det upp etter krokarne. Innanfor forhenget skal
du setja lovtavlekista; og forhenget skal for dykk vera
skilnaden millom det heilage og det heilagste romet.
34 So skal du leggja loket på lovtavlekista, der ho
stend i det heilagste romet. 35 Bordet skal du setja
utanfor forhenget, og ljosestaken midt imot bordet,
innmed den søre veggen i huset; for bordet skal du
setja innåt nordveggen. 36 Til døri på tjeldet skal du
gjera eit tæpe av purpur og skarlak og karmesin og
kvitt tvinna lingarn. Det skal vera utsauma med rosor.
37 Du skal gjera fem akaziestolpar til det, og deim skal
du gullklæda; dei skal hava hakar av gull, og du skal
støypa fem koparstabbar til deim.

**27** Altaret skal du gjera av akazietre, fem alner langt
og fem alner breidt: firkanta skal altaret vera,
og tri alner høgt. 2 På kvart av dei fire hyrno skal du
gjera eit horn, og horni skal vera i eitt med altaret.
Heile altaret skal du klæda med kopar. 3 Sidan skal
du gjera dei oskefati som høyrer til, og eldskuflerne
og blodbollarne og steikjespiti og glodpannorne; alle
desse gognerne skal du gjera av kopar. 4 So skal du
laga ei kopargrind til altaret, på gjerd som eit net. På
den grindi skal du gjera fire koparringar, ein i kvart
hyrna, 5 og so skal du setja henne under altarskori,
nedantil, so ho rekk midt uppå altaret. 6 So skal du
gjera stenger til altaret. Dei skal vera av akazietre, og
du skal klæda deim med kopar; 7 dei skal smøygjast
inn i ringarne, so dei er på båe sidor av altaret, når
det vert bore. 8 Altaret skal du gjera av bord; det skal
vera holt. Som det vart synt deg på fjellet, so skal det
gjerast. 9 So skal du gjera eit tun kring huset, og det
skal vera innegjerdt. På solsida, mot sud, skal du setja
ein gard av kvitt linlereft; han skal vera hundrad alner
lang på den sida. 10 Stolparne i garden og stabbarne
dei stend på, skal vera av kopar og tjuge i talet; men
hakarne og teinarne som høyrer til, skal vera av sylv.
11 Sameleis på den nørdre langsida ein lereftsgard
som er hundrad alner langt, med tjuge stolpar og
stabbar av kopar og hakar og teinar av sylv. 12 På
den eine tversida av tunet, mot vest, skal du setja ein
lereftsgard på femti alner; i den skal det vera ti stolpar,
og under deim ti stabbar. 13 På den andre tversida,
den som snur frametter, mot aust, skal tunet og halda
femti alner på breiddi: 14 Femtan alner lereftsgard skal
det vera på den eine ledi, med tri stolpar og stabbarne
som høyrer til, 15 og på den andre leidi og femtan
alner lereftsgard og tri stolpar med kvar sin stabbe;
16 og i tunporten skal det vera eit tæpe av purpur og
skarlak og karmesin og kvitt tvinna lingarn, tjuge alner
breidt og utsauma med rosor; stolparne som det skal
festast til og stabbarne dei stend på, skal vera fire i

talet. 17 Alle stolparne i garden skal vera bundne i hop
med sylvteinar; hakarne på deim skal vera av sylv, og
stabbarne under deim av kopar. 18 Lengdi på tunet
skal vera hundrad alner, og breiddi på båe sidor femti
alner. Garden skal vera av kvitt linlereft, og fem alner
høgt. Stabbarne til honom skal vera av kopar. 19 Alle
arbeidsgognerne i huset, og alle pålarne både til huset
og garden skal vera av kopar. 20 Seg no du til Israels-
folket at dei skal gjeva deg skir olje av sundstøytte
oljeber til ljosestaken, so lamporne kann setjast upp
til kvar tid. 21 I møtetjeldet, utanfor tæpet som heng
attfor lovtavlorne, skal Aron og sønerne hans stella
lamporne, so dei kann lysa for Herrens åsyn frå kveld
til morgon; det skal vera ei fast sed hjå Israels-folket,
ætt etter ætt, i all æva.

**28** So skal du kalla Aron, bror din, fram or Israels-
lyden, både honom og sønerne hans, og setja
deim til prestar for meg, Aron, og Nadab og Abihu,
og Eleazar og Itamar, sønerne hans Aron. 2 Og du
skal gjera Aron, bror din, heilage klæde, til æra og til
prydnad. 3 Du skal tala med alle deim som er hage av
seg, og som eg hev fyllt med kunstnarånd, og so skal
dei gjera den klædebunaden som Aron skal hava på
seg, når han vert vigd til prest. 4 Høyr no kva det er for
klæde dei skal gjera: ein bringeduk og ein messehakel
og ein prestekjole og ein brogdut underkjole og ei
huva og eit belte. Det er den heilage klædebunaden
dei skal gjera til Aron, bror din, og sønerne hans, so
han kann vera presten min, 5 og til det skal dei bruka
gull og purpur og skarlak og karmesin og kvitt lingarn.
6 Messehakelen skal dei gjera av gull og purpur og
skarlak og karmesin og kvitt tvinna lingarn. Han skal
vera vænt voven, 7 og hava tvo aksleband som er
feste innåt honom, eitt på kvar ende; dei skal vera til å
hekta honom i hop med. 8 Det skal vera ei livgjord på
honom, og den skal vera like eins vovi og av same
tyet som messehakelen, gull og purpur og skarlak og
karmesin og kvitt tvinna lingarn. 9 So skal du taka tvo
av sjohamsteinarne; på deim skal du grava inn namni
åt Israels-sønerne, 10 seks på kvar stein, etter alderen;
11 på same måten som dei skjer ut i stein, eller grev ein
seglring, skal du grava inn namni åt Israels-sønerne
på desse tvo steinarne, og so skal du fella deim inn i
fatingar av tvinna gull. 12 Båe steinarne skal du setja
på akslebandi åt messehakelen, so dei skal minna
um Israels-sønerne; og når Aron stend for Herrens
åsyn, skal han bera namni åt Israels-sønerne på båe
herdarne sine, til ei minning. 13 Sidan skal du gjera
sylgjor av tvinna gull. 14 Og tvo lekkjor av skirt gull skal
du gjera; dei skal vera slyngde på same måten som
dei slyngjer snorer. Desse snorlekkjorne skal du festa
i sylgjorne. 15 So skal du gjera ein domsbringeduk.
Vænt rosa skal han vera, som messehakelen; av gull
og purpur og skarlak og karmesin og kvitt tvinna lingarn
skal du gjera honom. 16 Han skal vera firkanta og
tvilagd, ei spann på lengdi og ei spann på breiddi, 17
og sett med dyre steinar, som stend i fire rader. I ei rad
skal vera ein karneol og ein topas og ein smaragd; det
er den fyrste radi. 18 I den andre radi skal vera ein
rubin og ein safir og ein beryll, 19 og i den tridje radi ein
hyacint og ein agat og ein ametyst, 20 og i den fjorde
radi ein krysolit og ein sjoham og ein jaspis. Dei skal
vera innfelte i fatingar av tvinna gull. 21 Steinarne skal
vera tolv i talet liksom Israels-sønerne, og på kvar stein
skal namnet åt ei av dei tolv ætterne vera inngrave
som på ein seglring. 22 So skal du gjera lekkjor av
skirt gull, slyngde som snorer, til bringeduken. 23 Og
du skal gjera tvo gullringar til honom; deim skal du
setja i kvar sitt hyrna på bringeduken, 24 og dei tvo
gullsnorerne skal du festa i dei tvo ringarne som sit
i hyrno på bringeduken. 25 Dei hine tvo endarne av
båe snorerne skal du festa i dei tvo sylgjorne, og
sylgjorne skal du setja på akslebandi åt messehakelen,
på framsida. 26 So skal du gjera tvo andre gullringar
og setja i dei hine tvo hyrno på bringeduken, på den
sida som vender inn imot messehakelen. 27 Og endå
tvo gullringar skal du gjera og setja på båe akslebandi
åt messehakelen, nedantil på framsida, der som han
er hekta i hop, ovanfor livgjordi. 28 So skal dei med ei
purpursnor binda ringarne på bringeduken til ringarne
på messehakelen, so bringeduken sit ovanfor livgjordi
og ikkje kann rikkast frå messehakelen. 29 Og når
Aron gjeng inn i heilagdomen og stend framfor augo åt
Herren, då skal han bera namni åt Israels-sønerne
innmed hjarta sitt, på domsbringeduken, so Herren all
tid skal koma deim i hug. 30 Inn i domsbringeduken
skal du leggja urim og tummim; dei skal liggja innmed
hjarta åt Aron, kvar gong han stig fram for Herrens
åsyn, so Aron all tid skal bera domen yver Israels-borni
på hjarta sitt framfor Herren. 31 Prestekjolen, som er til
å bera under messehakelen, skal du gjera av purpur all
igjenom. 32 Midt på honom skal det vera eit halssmog
med ei vovi borda ikring, som halssmoget på ei brynja,
so han ikkje skal rivna. 33 Rundt ikring falden skal
du setja duskar, på gjerd som granateple, av purpur
og skarlak og karmesin, og imillom dei gullbjøllor, alt
ikring, 34 fyrst ei gullbjølla og ein dusk, so ei gullbjølla
og ein dusk att, og soleis rundt um heile falden på
kjolen. 35 Den kjolen skal Aron hava på seg kvar
gong han held gudstenesta, so ljoden av honom kann
høyrast, når han gjeng inn i heilagdomen og stig fram
for Herren, og når han gjeng ut att, so han ikkje skal
døy. 36 So skal du gjera ei spong av skirt gull, og på
den skal du grava inn, som på ein seglring, desse

ordi: «Vigd åt Herren». **37** Du skal festa henne i huva
med ei purpursnor: framme på huva skal ho sitja. **38**
Uppyver skallen hans Aron skal ho sitja, so Aron kann
svara for veilorne i dei heilage offeri som Israels-borni
vigjer til Herren - alle dei vigde gåvorne som dei ber
fram. Ho skal all tid sitja uppyver skallen hans, so dei
skal vera velsedde for Herrens åsyn. **39** So skal du
gjera ein brogdut underkjole av lin, og ei huva av lin,
og eit belte med rosesaum. **40** Og til sønerne hans
Aron skal du gjera underkjolar, og du skal gjera deim
belte, og hovudplagg skal du gjera deim, til æra og til
prydnad. **41** Med dette skal du klæda Aron, bror din, og
sønerne hans, og so skal du salva deim og setja deim
inn i embættet og vigja deim til prestar for meg. **42** So
skal du gjera deim lereftsbrøker til å gøyma blygsli si
med: frå mjødmarne og ned på låri skal brøkene nå.
**43** Og Aron og sønerne hans skal hava deim på seg,
når dei gjeng inn i møtetjeldet eller stig fram åt altaret
og held gudstenesta i heilagdomen, so dei ikkje skal
føra skuld yver seg og lata livet. Det skal vera ei lov for
honom og ætti hans i all æva.

**29** Høyr no kva du skal gjera med deim, når du vigjer
deim til prestar: Du skal taka ein ung ukse og tvo
verar som ikkje hev lyte, **2** og so søtt omnsbrød og
hellekakor med olje i og tunnbrødleivar som er smurde
med olje. Alt dette skal du laga av fint kveitemjøl. **3**
Du skal leggja deim i ei korg, og so skal du bera det
fram i korgi, og leida fram uksen og verarne. **4** Aron og
sønerne hans skal du kalla burt åt døri til møtetjeldet
og två deim med vatn. **5** So skal du taka den heilage
klædebunaden, og klæda Aron med underkjolen og
prestekjolen, og hava på honom messehakelen og
bringeduken, og binda livgjordi um honom, **6** og setja
huva på hovudet hans, og den heilage gullspongi i
huva, **7** og du skal taka salvingsoljen og hella ut yver
hovudet hans og salva honom. **8** So skal du kalla
fram sønerne hans, og klæda deim med kjolar, **9** og
spenna beltet um deim, både um Aron og sønerne, og
binda hovudplagg på deim, og sidan skal dei hava
retten til prestedømet i all æva. So skal du setja Aron
og sønerne hans inn i preste-embættet. **10** Du skal
leida uksen fram åt møtetjeldet, og Aron og sønerne
hans skal leggja henderne på hovudet åt uksen. **11** Og
du skal slagta uksen framfor augo åt Herren, i døri
til møtetjeldet. **12** So skal du taka noko av blodet og
strjuka på altarhorni med fingeren, og alt hitt blodet
skal du hella ut innmed altarfoten. **13** Heila netja og
den store livreflaga og båe nyro med talgi som er på
deim, skal du taka og brenna på altaret, so røyken stig
upp imot himmelen. **14** Men kjøtet av uksen og hudi og
goret skal du brenna upp utanfor lægret. Dette er eit
syndoffer. **15** So skal du taka den eine veren, og Aron
og sønerne hans skal leggja henderne på hovudet åt
veren. **16** Og du skal slagta veren og taka blodet og
skvetta rundt ikring på altaret. **17** Sjølve veren skal
du lema sund, og innvolen og føterne skal du två og
leggja ovanpå lemerne og hovudet. **18** Og so skal du
brenna heile veren på altaret, so røyken stig upp imot
himmelen; det er eit brennoffer åt Herren, eit eldoffer er
det, som stig upp til Herren med kveikjande ange. **19**
So skal du taka den andre veren, og Aron og sønerne
hans skal leggja henderne på hovudet åt veren. **20** Og
du skal slagta veren og taka noko av blodet og strjuka
på den høgre øyresnippen åt Aron og sønerne hans og
på den høgre tumarsfingeren og høgre tumarståi deira,
og hitt blodet skal du skvetta rundt ikring på altaret. **21**
So skal du taka noko av det blodet som er på altaret
og noko av salvingsoljen og skvetta på Aron og klædi
hans, og sameleis på sønerne hans og klædi deira, so
vert han og klædi hans vigsla, og like eins sønerne
hans og klædi deira. **22** Sidan skal du taka det feitaste
av veren, både spælen og netja og den store livreflaga
og båe nyro med talgi som er på deim, og so det høgre
låret; for dette er ein vigslever. **23** Og or søtebrødkorgi
som stend framfor augo åt Herren, skal du taka eit
kakebrød og ei oljekaka og ein tunnbrødleiv. **24** Alt
dette skal du leggja i henderne på Aron og sønerne
hans, og svinga det att og fram for Herrens åsyn. **25**
Sidan skal du taka det utor henderne deira, og brenna
det på altaret i hop med brennofferet, so det kann anga
godt for Herren; det er eit eldoffer til Herren. **26** So
skal du taka bringa av vigsleveren åt Aron og svinga
henne att og fram for Herrens åsyn; den skal vera
din lut. **27** Og svingebringa og lyftelåret, det som vert
svinga og det som vert lyft av vigsleveren åt Aron og
sønerne hans, det skal du lysa heilagt; **28** det skal vera
retten åt Aron og sønerne hans hjå Israels-folket i all
æva; for det er ei reida, ei reida som Israels-folket skal
gjeva av takkofferi sine, ei reida frå deim til Herren. **29**
Den heilage klædebunaden åt Aron skal sønerne hans
erva; den skal dei hava på seg når dei vert salva og
innsette i embættet. **30** Sju dagar skal den av sønerne
som vert prest i staden hans, bera denne bunaden,
han som gjeng inn i møtetjeldet og gjer tenesta i
heilagdomen. **31** Du skal taka vigsleveren og sjoda
kjøtet på ein heilag stad. **32** Og kjøtet av veren og
brødet som er i korgi, skal Aron og sønerne hans eta i
døri til møtetjeldet. **33** Dei skal eta det soningsofferet
som vert frambore når dei vert innsette i embættet og
vigde til prestar. Men framande folk må ikkje eta av det;
for det er heilagt. **34** Og vert noko av vigsleofferkjøtet
eller av brødet liggjande til morgons, so skal du brenna
det upp. Det må ikkje etast; for det er heilagt. **35** Soleis
er det du skal gjera med Aron og sønerne hans; du

skal i alle måtar gjera som eg segjer deg fyre. Sju
dagar skal prestevigsla vara, 36 og kvar dag skal du
ofra ein ung ukse til syndoffer og soning; du skal reinsa
altaret for synd, med di du gjer soning for det, og du
skal salva det og vigsla det. 37 Sju dagar skal du gjera
soning for altaret og vigsla det, og då skal altaret vera
høgheilagt; kvar den som kjem nær altaret, skal vera
vigd til heilagdomen. 38 Tvo årsgamle lamb skal du
dagstødt ofra på altaret. 39 Det eine lambet skal du
ofra um morgonen, og det andre soleglads bil. 40
Tiandeparten av ei skjeppa fint kveitemjøl, blanda med
ei halvkanna av den finaste beroljen, skal du hava attåt
det fyrste lambet, og til drykkoffer ei halvkanna vin. 41
Det andre lambet skal du ofra soleglads bil; med same
grjonofferet som um morgonen, og same drykkofferet,
skal du bera det fram, til ein kveikjande ange, ein
rjukande rett for Herren. 42 Det er det brennofferet
som de og etterkomarane dykkar dagstødt skal bera
fram for Herrens åsyn i døri til møtetjeldet, der som eg
vil møtast med dykk og tala til deg. 43 Der er det eg vil
møtast med Israels-borni, og huset skal helgast av
herlegdomen min. 44 Både møtetjeldet og altaret vil eg
helga, og Aron og sønerne hans vil eg vigja til prestar
for meg. 45 Eg vil bu midt imillom Israels-folket og vera
deira Gud, 46 og dei skal sanna at eg er Herren, deira
Gud, som leidde deim ut or Egyptarlandet, og vil bu
millom deim, eg, Herren, deira Gud.

**30** So skal du gjera eit altar til å brenna røykjelse
på. Av akazietre skal du gjera det, 2 ei alen langt
og ei alen breidt; firkanta skal det vera og tvo alner
høgt, og hava horn som er samgjorde med det. 3 Du
skal klæda det med skirt gull, både ovanpå og rundt
ikring på sidorne og på horni, og gjera ein gullkrans
på det heilt ikring. 4 Nedanfor kransen på dei tvo
sidorne skal du setja tvo gullringar, tvo på kvar sida,
dei skal det smøygjast stenger inn i til å bera altaret
etter. 5 Stengerne skal du gjera av akazietre, og klæda
deim med gull. 6 Dette altaret skal du setja framanfor
forhenget som heng attfor lovtavlekista, beint framfor
loket som ligg yver lovtavlorne, der som eg vil møtast
med deg. 7 Og Aron skal brenna angande røykjelse
på det: kvar morgon når han steller lamporne, skal han
brenna røykjelsen; 8 og det same skal han gjera, når
han set upp lamporne i kveldingi. Dette røykofferet skal
de og etterkomarane dykkar dagstødt bera fram for
Herrens andlit. 9 De må ikkje ofra framand røykjelse
på det, og ikkje brennoffer eller grjonoffer; heller ikkje
må de hella ut drykkoffer på det. 10 Ein gong um året
skal Aron strjuka blodet av sonings-syndofferet på
alterhorni; mann etter mann skal han og etterkomarane
hans ein gong um året gjera soning for altaret; då er
det høgheilagt for Herren.» 11 Og Herren tala til Moses,
og sagde: 12 «Når du held manntal yver Israels-folket,
so skal alle dei som kjem med i manntalet, gjeva
Herren løysepengar for livet sitt med same dei vert
talde, so det ikkje skal koma nokor ulukka yver deim
for teljingi skuld. 13 Ein halv dalar i heilag mynt - etter
tjuge gera i dalaren - skal kvar gjeva, som kjem med i
manntalet. Denne halve dalaren skal vera ei reida til
Herren. 14 Alle dei som vert talde, frå tjugeårsalderen
og uppetter, skal leggja denne reida til Herren. 15 Dei
rike skal ikkje gjeva meir, og dei fatige ikkje mindre
enn ein halv dalar, når de legg denne reida åt Herren
til løysepengar for livet dykkar. 16 Og du skal taka
imot løysepengarne av Israels-folket og bruka deim til
gudstenesta i møtetjeldet, so det kann vera ei minning
for Herren um Israels-folket og ein løysepening for livet
deira.» 17 Og Herren tala meir til Moses, og sagde:
18 «Du skal gjera ei tvåttebalja av kopar; foten under
henne skal og vera av kopar, og du skal setja henne
millom møtetjeldet og altaret, og hava vatn i henne. 19
Og Aron og sønerne hans skal taka av vatnet, og två
henderne og føterne sine; 20 kvar gong dei gjeng inn i
møtetjeldet, skal dei två seg i vatnet, so dei ikkje skal
lata livet, og like eins når dei stig fram åt altaret og
skal halda gudstenesta og brenna eldoffer åt Herren.
21 Dei skal två hender og føter; elles lyt dei døy. Det
skal vera ei lov for honom og ætti hans, mann etter
mann, i all æva.» 22 Og Herren tala endå meir til
Moses, og sagde: 23 «Få deg angande kryddor av dei
gjævaste som er: sjølvrunnen myrra, tretti merker, og
egte kanelbork, helvti so mykje eller femtan merker,
og krydderøyr, femtan merker, 24 og kassia, tretti
merker, alt etter heilag vegt, og so ein åttung av den
finaste beroljen. 25 Av det skal du laga ein heilag
salvingsolje, ei kryddemyrsel, soleis som dokterane
lagar salve. Ein heilag salvingsolje skal det vera, 26 og
med den skal du salva møtetjeldet og lovtavlekista 27
og bordet med alt det som til høyrer, og ljosestaken
med det som høyrer til honom, og røykofferaltaret 28
og brennofferaltaret med alt det som til høyrer, og balja
med foten ho stend på. 29 Du skal vigsla deim, so dei
vert høgheilage; kvar den som kjem nær deim, skal
vera vigd åt heilagdomen. 30 Og Aron og sønerne hans
skal du salva og vigja til prestar for meg. 31 Og du skal
tala til Israels-folket og segja: «Denne salvingsoljen
skal de og etterkomarane dykkar vigja åt meg. 32 Han
må ikkje koma på likamen på kvar manns likam, og de
må ikkje laga annan olje som er soleis blanda som
denne. Heilag er han, og heilag skal de halda honom.
33 Den som lagar maken til denne kryddesalven, eller
brukar honom på framande, han skal rydjast ut or folket
sitt.»» 34 Og endå sagde Herren det til Moses: «Få
deg sterke røykjekryddor: myrrakvåda og angeskjel og

galban, desse tri kryddeslagi, og so rein angekvåda,
like mykje av kvart! 35 Det skal du gjera røykjelse av,
ei kryddeblanding slik som apotekarane lagar, salta,
rein, vigsla. 36 Noko av det skal du mylja smått og
leggja framfor lovtavlorne i møtetjeldet, der som eg
vil møtast med deg; høgheilagt skal de halda det. 37
Røykjelse som er soleis blanda som denne, må de
ikkje laga åt dykk sjølve; han skal vera vigd åt Herren.
38 Den som lagar slik røykjelse til å anga på, han skal
rydjast ut or folket sitt.»

**31** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2
«Sjå no hev eg kåra og kalla Besalel, son åt Uri
Hursson, av Juda-ætti, 3 og fyllt han med guddomsånd,
med kunstgivnad og vit og kunnskap og godt lag
til alt handverk, 4 so han kann skapa kunstverk og
smida deim ut både i gull og i sylv og i kopar, 5
og ferda til glimesteinarne som skal fellast inn, og
skjera ut i tre, og greida allslags kunstarbeid. 6 Og
til hjelpesmann hev eg gjeve honom Åhåliab, son åt
Akhisamak av Dans-ætti, og i alle hage menner hev eg
lagt kunstnargåva, so dei kann laga alt det eg hev sagt
deg: 7 møtetjeldet og kista til lovtavlorne, og loket som
skal leggjast på henne, og all husbunaden i tjeldet, 8
bordet med alt som til det høyrer, og gull-ljosestaken
med alt det som høyrer til den, og røykjelsealtaret, 9
og brennofferaltaret med alt som høyrer attåt, og balja
med foten under, 10 og embætsskrudet, og den heilage
klædebunaden åt Aron, presten, og messeklædi åt
sønerne hans, 11 og salvingsoljen og den angande
røykjelsen til heilagdomen. Dette skal dei i eitt og alt
gjera so som eg hev sagt deg.» 12 Og Herren tala
endå meir til Moses, og sagde: 13 «Tala du til Israels-
folket og seg: «Gløym no ikkje å høgtida helgarne
mine! For det skal vera eit merke på sambandet vårt i
alder og æva, so de skal vita at det er eg, Herren, som
helgar dykk. 14 Di skal de høgtida kviledagen; han
skal vera dykk heilag. Den som vanhelgar honom, skal
visst og sant lata livet; kvar mann som då gjer noko
arbeid, han skal rydjast ut or ætti si. 15 Seks dagar lyt
de arbeida og vera onnuge, men den sjuande dagen
skal vera ein heilag kviledag, vigd åt Herren. Kvar den
som hev noko arbeid fyre seg på um helgi, skal døy.
16 So skal då Israels-folket koma i hug kviledagen,
og halda honom heilag, ætt etter ætt i all æva; 17
det skal vera eit ævelegt merke på sambandet millom
meg og Israels-folket. For i seks dagar skapte Herren
himmelen og jordi, men den sjuande dagen heldt seg
roleg og kvilde.»» 18 Då han hadde tala til endes
med Moses på Sinaifjellet, gav han honom dei tvo
lovtavlorne; det var steintavlor som Gud hadde skrive
på med fingeren sin.

**32** Då folket såg at Moses drygde med å koma ned
av fjellet, so flokka dei seg um Aron, og sagde
med han: «Kom, gjer oss ein gud som kann ganga
framfyre oss! For me veit ikkje kvar det hev vorte av
denne Moses, som fylgde oss ut or Egyptarland.» 2 Då
sagde Aron til deim: «Tak gullringarne som konorne og
sønerne og døtterne dykkar hev i øyro, og kom til meg
med deim!» 3 Då reiv alt folket gullringarne or øyro
sine, og kom til Aron med deim. 4 Og Aron tok imot
gullet, og støypte det um, og laga det med beitelen, so
det vart som ein kalv. Då ropa dei: «Dette er guden
din, Israel, han som fylgde deg ut or Egyptarland!» 5
Då Aron såg det, bygde han eit altar for honom, og
ropa ut: «I morgon er det høgtid for Herren!» 6 Dagen
etter reis folket upp i otta, og ofra brennoffer, og bar
fram takkoffer; sidan sette dei seg til å eta og drikka,
og stod so upp att og gav seg til å leika. 7 Då sagde
Herren til Moses: «Skunda deg og gakk ned att! Folket
ditt, som du fylgde ut or Egyptarland, hev fare stygt åt.
8 Dei var snøgge til å taka utav den vegen eg sagde
dei skulde fylgja. No hev dei støypt seg ein gullkalv;
den legg dei seg på kne for og ofrar til honom og ropar:
«Dette er guden din, Israel, han som førde deg ut or
Egyptarland!» 9 «Eg hev havt auga med dette folket, »
sagde Herren til Moses, «og set at det er eit hardkyndt
folk. 10 Lat meg no få råda, so vil eg sleppa harmen
min laus, og gjera ende på deim, og sidan vil eg gjera
deg til eit stort folk.» 11 Men Moses freista å blidka
Herren sin Gud og sagde: «Herre, kvi vil du sleppa
harmen din laus imot folket ditt, som du hev henta
ut or Egyptarlandet med di store magt og di sterke
hand?» 12 Skal då egyptarane få det å segja: «Det var
ikkje for det gode han fylgde deim ut or landet; han
vilde drepa deim i fjelli og rydja deim or verdi»? Døyv
harmen som brenn i deg, og legg ned hemntankarne
mot folket ditt. 13 Kom i hug det du lova Abraham og
Isak og Israel, tenarane dine, då du svor ved deg sjølv:
«Eg vil auka ætti dykkar, so ho vert som stjernorne på
himmelen, og heile dette landet som eg hev tala um,
det vil eg gjeva etterkomarane dykkar; og dei skal eiga
det i all æva.»» 14 Då angra Herren at han hadde lova
folket sitt vondt. 15 So gjekk Moses ned att av fjellet,
og i handi hadde han dei tvo lovtavlorne, tavlor som
var fullskrivne på båe sidor; alle stader var det skrive
på deim. 16 Og tavlorne dei var Guds eige arbeid,
og skrifti ho var Guds eigi skrift, som var inngravi på
tavlorne. 17 Då Josva høyrde omen av folket som
stima og ståka, so sagde han med Moses: «Eg høyrer
stridsljod i lægret.» 18 «Dette er ikkje fagnadrop frå folk
som vinn, og ikkje vådeskrik frå folk som fell; for meg
lydest det som mangrøysta song, » svara Moses. 19
Då dei kom næmare innåt lægret og fekk sjå gullkalven

og dansarflokkarne, då vart Moses so harm, at han
kasta tavlorne frå seg nedunder fjellet og slo deim
sund. 20 Og han tok kalven som dei hadde gjort, og
kasta honom på elden og mulde honom i smått, og
strådde dusti på vatnet, og det let han Israels-folket
drikka av. 21 So sagde han med Aron: «Kva vondt hev
dette folket gjort deg, sidan du laut føra deim upp i so
stor ei synd?» 22 «Ver ikkje vreid på meg, herre bror!»
svara Aron. «Du veit kor gjenomvondt det er, dette
folket. 23 Dei sagde med meg: «Gjer oss ein gud som
kann ganga framfyre oss! For me veit ikkje kvar det
hev vorte av denne Moses, han som fylgde oss ut or
Egyptarland.» 24 Då sagde eg til deim: «Den som hev
noko gull på seg, lyt taka det av seg!» So gav dei meg
gullet, og eg kasta det i elden; då kom denne kalven
fram.» 25 Då Moses såg at folket var agelaust - for
Aron hadde mist agen yver deim, til spott for fiendarne
- 26 so gjekk han fram i lægerporten, og ropa: «Hit til
meg alle Herrens menner!» Då flokka heile Levi-ætti
seg um honom, 27 og han sagde til deim: «So segjer
Herren, Israels Gud: «Spenn sverdet på dykk, alle
mann! Gakk att og fram i lægret, frå port til port, og
hogg ned for fote, både brør og vener og frendar!»» 28
Levi-sønerne gjorde som Moses sagde, og den dagen
fall det av folket ikring tri tusund mann. 29 For Moses
sagde: «I dag lyt de vigja dykk åt Herren, um det so er
med blodet av sønerne og brørne dykkar; so skal han i
dag gjeva dykk si velsigning!» 30 Dagen etter sagde
Moses med folket: «De hev gjort ei stor synd. No vil eg
stiga upp til Herren og beda um nåde for dykk.» 31 So
gjekk Moses attende til Herren og sagde: «Ai ei, dette
folket hev gjort ei stor synd: dei hev laga seg ein gud
av gull. 32 Å gjev du kunde gløyma syndi deira! Kann
du ikkje, so strjuk meg ut or boki di som du skriv i!»
33 Då sagde Herren til Moses: «Den som syndar mot
meg, honom stryk eg ut or boki mi. 34 Gakk no du,
og fylg folket dit som eg hev sagt deg! Sjå, engelen
min skal ganga framfyre deg. Men når min time kjem,
vil eg heimsøkja deim for syndi deira.» 35 Og Herren
førde ulukka yver folket for di dei hadde gjort kalven,
den som Aron laga åt deim.

**33** Sidan sagde Herren til Moses: «Tak ut herifrå,
både du og det folket du fylgde ut or Egyptarland,
og far til det landet som eg lova Abraham og Isak
og Jakob då eg sagde: «Di ætt vil eg gjeva det, 2
og eg vil senda ein engel framfyre dykk og driva ut
kananitarne, både amoritar og hetitar og perizitar,
hevitar og jebusitar.» 3 Far til det landet som fløymer
med mjølk og honning! Men eg vil ikkje vera i fylgje
med deg; for de er eit hardkyndt folk! eg kunde koma
til å gjera av med dykk på vegen.» 4 Då folket høyrde
desse harde ordi, vart dei sorgfulle, og ingen tok på
seg høgtidsbunaden sin. 5 For Herren sagde til Moses:
«Seg til Israels-folket: «De er eit hardlyndt folk! fylgdest
eg med dykk um det var aldri so lite bil, so laut eg gjera
ende på dykk. Men tak no av dykk høgtidsskrudet, so
skal eg sjå kva eg kann gjera for dykk!»» 6 Då reiv
Israels-folket av seg høgtidsskrudet, og bar det ikkje
meir etter dei hadde teke ut ifrå Horeb. 7 Moses tok
jamleg og sette upp tjeldet for honom utanfor lægret,
eit godt stykke ifrå; han kalla det møtetjeldet, og alle
som vilde finna Herren, gjekk ut til møtetjeldet, som
var utanfor lægret. 8 Og kvar gong Moses gjekk ut
til tjeldet, so reiste alt folket seg, og stod, kvar i døri
til si tjeldbud, og såg etter Moses, til han var komen
åt tjeldet. 9 Og når Moses gjekk inn i tjeldet, då kom
skystopulen ned og stod i tjelddøri, og han tala med
Moses. 10 Og heile folket såg skystopulen, som stod
i døri til møtetjeldet. Då reiste dei seg alle saman,
og lagde seg på kne, kvar i døri til si tjeldbud. 11
Og Herren tala med Moses, andlit mot andlit, som
ein mann talar med grannen sin. Sidan gjekk Moses
attende til lægret; men Josva, Nunssonen, som var
fylgjesveinen hans og gjekk honom til handa, heldt
seg allstødt inni møtetjeldet. 12 Og Moses sagde til
Herren: «Sjå, du segjer det til meg; «Fylg dette folket
fram!» men eg fær ikkje vita kven du vil senda med
meg, og du hev då sjølv sagt: «Eg kjenner deg vel, og
eg hev fenge godvilje for deg.» 13 Kjære væne, hev du
godvilje for meg, so syn meg då vegarne dine, so eg
kann læra å kjenna deg, og vera deg til lags! Og kom
so i hug at dette er ditt eige folk!» 14 Då sagde Herren
til honom: «Når eg sjølv gjeng med, kann du då slå
deg til tols?» 15 «Gjeng du ikkje sjølv med, so lat oss
ikkje fara herifrå!» svara Moses. 16 «Kann då nokon
vita at du hev godvilje for meg og for folket ditt, utan du
gjeng med oss, so eg og folket ditt vert æra framfor alle
folkeslag i heile verdi?» 17 Då sagde Herren til Moses:
«Det du bed um, skal eg nok gjera; for eg likar deg
godt, og kjenner deg for den mann du er.» 18 «Kjære
deg, lat meg få sjå herlegdomen din!» sagde Moses.
19 Og han svara: «Eg skal fara fram midt for andlitet
ditt i fagraste hamen min, og ropa Herrens namn med
det same eg fer framum deg, og eg skal vera so mild
som eg kann, og spara so mange som eg kann; 20
men», sagde han, «du kann ikkje få sjå andlitet mitt;
for inkje menneskje som ser meg, kann liva. 21 Sjå her
innmed meg på berget er eit rom, » sagde Herren,
«der kann du standa, 22 og når herlegdomen min fer
framum, so skal eg setja deg i denne bergskori, og
halda handi mi yver deg, til dess eg hev kome framum.
23 Då skal eg taka handi mi burt att; so kann du sjå
meg attantil; men andlitet mitt fær ingen sjå.»

**34** So sagde Herren til Moses: «Hogg deg ut tvo
steintavlor liksom dei fyrste, so skal eg på deim
skriva dei same ordi som stod på dei fyrste tavlorne,
deim du slo sund. **2** Haldt deg so ferdig til i morgon
tidleg! Då skal du stiga upp på Sinaifjellet, og venta
på meg der, på fjelltinden. **3** Ingen må vera med deg
upp, og ingen må syna seg på heile fjellet; heller ikkje
må naut eller sauer beita uppunder dette fjellet.» **4**
So hogg Moses ut tvo steintavlor liksom dei fyrste,
og dagen etter reis han upp i otta, og gjekk upp på
fjellet, som Herren hadde sagt honom til, og hadde
båe steintavlorne i handi. **5** Då steig Herren ned i skyi,
og Moses gjekk innåt, og ropa Herren på namn. **6** Då
for Herren fram midt for augo hans og ropa: «Det er
Herren! Herren er ein mild og kjærleg Gud, tolug og
full av nåde og truskap! **7** Han let si miskunn vara i
tusund mannsaldrar; han tilgjev brot og misgjerning
og synd; men han vil ikkje at den skuldige skal vera
strafflaus: han hemner broti åt federne på borni og
barneborni, ja på barnebarns-borni og borni etter deim
att.» **8** Då kasta Moses seg snøgt å gruve og bad.
**9** «Å Herre, » sagde han, «hev du noko godvilje for
meg, so gjer vel og gakk med oss! Um dette er eit
hardkyndt folk, so tilgjev broti og synderne våre, og
lata oss vera din eigen lyd!» **10** Og han svara: «Ja,
eg vil gjera eit samband med deg; midt for augo åt
heile folket ditt vil eg gjera slike under at det aldri hev
vore set maken på heile jordi eller hjå noko folkeslag,
og heile det folket du bur imillom, skal sjå Herrens
verk, kor ageleg det er, og kor store ting eg skal gjera
for deg. **11** Kom no i hug det eg segjer med deg i
dag! Sjå no vil eg jaga amoritarne og kananitarne og
hetitarne og perizitarne og hevitarne og jebusitarne:
dei skal røma for deg. **12** Agta deg då so du ikkje
gjer noko samband med deim som bur i det landet du
kjem til! For bur dei imillom dykk, so kunde dei verta
ei snara for dykk. **13** De skal riva ned altari deira og
slå sund minnesteinarne og hogga dei heilage trei. **14**
Du skal ikkje beda til nokon annan gud; for Herren
heiter den Strenge; han er ein streng Gud. **15** Aldri
må du gjera noko samband med deim som bur der
i landet. For når dei held seg med gudarne sine og
blotar til deim, so vil dei beda deg til seg, og du vil eta
av blotmaten deira; **16** du vil gifta sønerne dine med
døtterne deira, og dei vil halda seg med gudarne sine
og lokka sønerne dine til å gjera det same. **17** Gjer
deg ikkje støypte gudebilæte! **18** Søtebrødhelgi skal
du halda: sju dagar skal du eta søtt brød, so som eg
hev sagt deg, på den tid eg hev sett, i aksmånaden;
for i aksmånaden tok du ut frå Egyptarland. **19** Alt som
kjem fyrst frå morsliv, skal høyra meg til, alt bufeet ditt
som er han av slaget og som fell fyrst undan naut eller
sau. **20** Det fyrste fylet som fell undan eit asen, skal du
løysa med eit lamb eller kid, og løyser du det ikkje, so
skal du brjota nakken på det. Kvart sveinbarn i ætti di
som er frumbore, skal du løysa. Og ingen må lata seg
sjå tomhendes for augo mine. **21** Seks dagar lyt du
arbeida, men den sjuande dagen skal du kvila; um det
so er i våronni eller skurdonni, so skal du kvila den
sjuande dagen. **22** Sjuvikehelgi skal du halda når du
tek inn fyrstegrøda av kveitehausten, og hausthelgi når
året er utrunne. **23** Tri gonger um året skal alle karfolki
dine møta for Drotten, for Herren, Israels Gud. **24** For
eg vil driva ut heile folkeslag der du fer fram, og vidka
ut riket ditt, og ingen skal trå etter landet ditt medan
du fer upp og møter for Herren, din Gud - tri vendor
um året. **25** Du skal ikkje bera fram blodet av offerdyri
mine attåt syrt brød, og ikkje må påskehelgofferet verta
liggjande natti yver, til morgondagen. **26** Det allerfyrste
av grøda på marki di skal du bera til huset åt Herren,
din Gud. Du skal ikkje sjoda kidet i mjølki åt mor si.»
**27** Og Herren sagde til Moses: «Skriv no du upp desse
ordi! For etter desse ordi vil eg gera eit samband med
deg og med Israel.» **28** Han var der hjå Herren, fyrti
dagar og fyrti næter, og ikkje åt han og ikkje drakk
han. Og Herren skreiv sambandslovi, dei ti bodordi, på
tavlorne. **29** So gjekk Moses ned av Sinaifjellet med
dei tvo lovtavlorne i handi, og då han kom ned, stråla
og skein det av andlitet hans, av di at Gud hadde tala
med honom, men sjølv visste han det ikkje. **30** Og
Aron og heile Israels-folket såg at det skein av andlitet
hans Moses, og dei torde ikkje ganga innåt honom.
**31** Då ropa Moses på deim, og so kom Aron og alle
dei øvste av lyden hit til honom, og Moses tala med
deim. **32** Sidan kom alt Israels-folket burtåt, og han
bar fram alle dei bodi som Herren hadde gjeve honom
på Sinaifjellet. **33** Og då Moses hadde sagt deim alt
det han skulde, lagde han eit slør for andlitet sitt. **34**
Men når han gjekk fram for Herrens åsyn og skulde
tala med honom, tok han sløret burt, til han skulde ut
att; so kom han ut og tala til Israels-folket det han var
fyresagd. **35** Då såg Israels-folket korleis det stråla
av andlitet hans Moses, og Moses hadde sløret for
andlitet att, til dess han skulde inn og tala med Herren.

**35** Og Moses kalla i hop heile Israels lyden, og
sagde med deim: «Høyr no kva Herren vil de skal
gjera: **2** Seks dagar lyt de arbeida og vera onnuge,
men den sjuande dagen skal de halda heilag; han
skal vera ein kviledag, vigd åt Herren. Kvar den som
då gjer noko arbeid, skal lata livet. **3** Ingen av dykk
må kveikja upp eld i huset sitt på kviledagen.» **4** Og
endå sagde Moses med heile Israels-lyden: «Høyr no
kva Herren segjer og vil: **5** «Tak ut ei reide til Herren
av det som de eig! Alle som hev hjartelag til å gjeva

noko, lyt koma med det, med reida til Herren: gull og
sylv og kopar 6 og purpur og skarlak og karmesin og
kvitt lingarn og geiteragg 7 og raudlita verskinn og
markuskinn og akazietre 8 og olje til ljosestaken og
kryddor til salvingsoljen og til den angande røykjelsen
9 og sjohamsteinar og andre dyre steinar til å setja
på messehakelen og bringeduken. 10 Og dei av dykk
som hev kunstgivnad, skal koma og gjera alt det som
Herren hev sagt: 11 huset med raggetæpi og taket og
krokarne og plankarne og tverstokkarne og stolparne
og stabbarne, 12 kista og stengerne som ho skal
berast etter, og kisteloket og forhengtæpet, 13 bordet
med berestengerne og alt anna som til høyrer, og
skodebrødi, 14 den skinande ljosestaken med det
som høyrer til, og lamporne og oljen til ljosestaken,
15 røykjelsealtaret med berestengerne, som høyrer
attåt, og salvingsoljen og den angande røykjelsen,
og dørtæpet til husdøri, 16 brennofferaltaret med
kopargrindi og berestengerne og alt anna som høyrer
til, balja med foten under, 17 lereftsgarden, som skal
vera kring tunet, med stolparne som høyrer attåt,
og stabbarne som dei skal standa på, og tæpet til
tunporten, 18 pålarne til huset og til lereftsgarden og
togi som skal bindast i deim, 19 embætsskrudet til
tenesta i heilagdomen, den heilage klædebunaden
åt Aron, presten, og presteklædi til sønerne hans.»»
20 So gjekk heile Israels-lyden burt frå Moses, 21
og sidan kom dei, so mange som hjarta mana og
hugen dreiv, og bar fram reidor åt Herren til arbeidet
på møtetjeldet og til all tenesta der og til dei heilage
klædi. 22 Dei kom både menner og kvende, alle
som hjarta dreiv, og hadde med seg allslags gull:
spenne og øyreringar og fingerringar og kulelekkjor; og
sameleis kom alle dei som vilde vigja eit gulloffer åt
Herren. 23 Og alle som hadde purpur eller skarlak eller
karmesin eller kvitt lingarn eller geiteragg eller raudlita
verskinn eller markuskinn, dei kom med det. 24 Alle
som vilde gjeva ei sylvreida eller ei koparreida, kom
til Herren med reida si, og alle som hadde akazietre
til noko av det som skulde arbeidast, dei kom med
det. 25 Kvar ei kona som skyna seg på sovore arbeid,
spann med sine eigne hender, og kom med spunen:
purpur og skarlak og karmesin og kvitt lingarn. 26
Og alle kvende som hadde hug og dug til det, spann
geiteragget. 27 Hovdingarne kom med sjohamsteinar
og andre dyre steinar til å setja på messehakelen og
bringeduken, 28 og med kryddor og olje til ljosestaken
og til salvingsoljen og den angande røykjelsen. 29
Kvar mann og kona av Israels-folket som hjarta dreiv
til å hjelpa til med det store verket som Herren hadde
sett Moses til å gjera, dei kom viljugt med ei gåva til
Herren. 30 So sagde Moses til Israels-folket: «Høyr her!
Herren hev kåra og kalla Besalel, son åt Uri Hursson,
av Juda-ætti, 31 og fyllt honom med guddomsånd,
med kunstgivnad og vit og kunnskap og godt lag til
alt handverk, 32 so han kann emna til fagre ting og
smida deim ut i gull og i sylv og i kopar, 33 og ferda
til glimesteinarne som skal setjast på presteskrudet,
og skjera ut i tre, og greida allslags kunstarbeid. 34
Og gåva til å læra frå seg hev han lagt både i honom
og Åhåliab, son åt Akhisamak, av Dans-ætti. 35 Han
hev fyllt deim med kunstnaråand, so dei kann både
smida og snikra, og gjera åklæde med innvovne bilæte
og rosor av purpur og skarlak og karmesin og kvitt
lingarn, og veva kva dei vil, alt arbeid kann dei greida,
og kunstverk kann dei skapa.

**36** Og Besalel og Åhåliab og alle dei andre
kunstnarane, som Herren hadde gjeve vit og
kunnskap, so dei veit korleis kvar ting skal gjerast, dei
skal då laga til alt som skal arbeidast åt heilagdomen,
etter det som Herren hev sagt.» 2 So kalla Moses
til seg Besalel og Åhåliab og alle hage menner som
hadde fenge kunstnargåva frå Herren, alle som hugen
dreiv til å taka fat på verket og fullføra det. 3 Og dei
fekk hjå Moses alt tilfanget til det som skulde arbeidast
åt heilagdomen, alle dei gåvorne som Israels-borni var
kome med. Men folket bar av seg sjølve nye gåvor til
honom kvar morgon. 4 Og alle dei meistrarne som
stod fyre alt arbeidet på heilagdomen, kom ein for ein
til Moses frå arbeidet sitt, 5 og sagde: «Folket kjem
med mykje meir enn me treng til det verket som Herren
vil ha gjort.» 6 Då let Moses ropa ut yver heile lægret:
«Anten det er mann eller kvende, so tarv ingen syta for
fleire gåvor til heilagdomen!» So let folket vera å koma
med meir. 7 Men det vyrket som var frambore var nok,
og meir enn nok, til alt arbeidet som skulde gjerast. 8
So tok då alle dei hagaste handverkararne til å arbeida
på gudshuset. Dei gjorde det av ti åklædevever av kvitt
tvinna lingarn og purpur og skarlak og karmesin, og i
deim var det innvove fagre englebilæte. 9 Kvar vev var
åtte og tjuge alner lang og fire alner breid; alle veverne
heldt same målet. 10 Fem av veverne skøytte dei i hop
til eit tæpe, og like eins dei hine fem veverne. 11 I jaren
på den fyrste veven, ytst på det eine tæpet, gjorde dei
lykkjor av purpurgarn, og sameleis i jaren på den ytste
veven i det andre tæpet. 12 Femti lykkjor sette dei på
den fyrste veven, og femti lykkjor i jaren på den som
høyrde til det andre tæpet, soleis at lykkjorne svara
mot kvarandre. 13 Og femti gullkrokar gjorde dei og
hekta åklædetæpi i hop med, so det vart eitt hus av
deim. 14 So vov dei ryor av geiteragg til tekkja yver
huset; elleve ryor vov dei. 15 Kvar vev var tretti alner
lang og fire alner breid; alle dei elleve veverne heldt
same målet. 16 Fem av ryeveverne skøytte dei i hop til

eit tæpe for seg, og dei hine seks til eit anna tæpe. **17**
I jaren på den ytste veven i det eine tæpet gjorde dei
femti lykkjor, og i jaren på den andre skøytingsveven
femti lykkjor. **18** Og femti koparkrokar gjorde dei til
å festa raggetæpi i hop med, so det skulle verta eit
tak av deim. **19** Sidan gjorde dei eit tak av raudlita
verskinn til å leggja yver raggetæpi, og eit tak av
markuskinn til å leggja ovanpå det att. **20** So gjorde
dei plankarne til husveggjerne. Dei var av akazietre,
og vart reist på ende. **21** Ti alner lange var dei og
halvonnor aln breide, **22** og på kvar planke var der tvo
tappar med ei tverlist imillom. So gjorde dei med alle
plankarne til huset. **23** Tjuge av dei plankarne som
dei gjorde til huset, var etla åt solsida, sudsida. **24**
Og fyrti sylvstabbar gjorde dei til å setja under desse
tjuge plankarne, tvo stabbar under kvar planke, so båe
tapparne kunne festast i deim. **25** Til den andre sida av
huset, nordsida, gjorde dei og tjuge plankar, **26** med
sine sylvstabbar, tvo til kvar planke. **27** Til baksida av
huset, vestsida, gjorde dei seks plankar, **28** og til hyrno
på den same sida, tvo plankar; **29** dei var tviluta alt
nedantil, og båe luterne held fullt mål heilt upp åt taket,
til den fyrste ringen. So gjorde dei med båe tvo, med
båe hyrnoplankarne. **30** Soleis kom det på baksida åtte
plankar med sine sylvstabbar, sekstan sylvstabbar,
tvo til kvar planke. **31** So gjorde dei tverstokkar av
akazietre, fem til den eine langveggen på huset, **32** og
fem til den andre langveggen, og fem til tverveggen på
baksida av huset, mot vest. **33** Og midstokken laga dei
so at ho skulde ganga tvert yver frå ende til ende, midt
etter plankeveggen. **34** Plankarne klædde dei med gull,
og ringarne på deim, som tverstokkarne skulde liggja i,
gjorde dei heiltupp av gull. Tverstengerne klædde dei
og med gull. **35** So gjorde dei forhenget. Det var av
purpur og skarlak og karmesin og kvitt tvinna lingarn;
væne englebilæte vov dei inn i. **36** Dei gjorde fire
akaziestolpar til å hengja det på, og klædde deim
med gull; hakarne på deim var av gull, og dei støypte
fire sylvstabbar til deim. **37** Til tjelddøri gjorde dei eit
tæpe av purpur og skarlak og karmesin og kvitt tvinna
lingarn. Det var utsauma med rosor; **38** dei gjorde
fem stolpar til det, med hakarne som høyrde attåt, og
klædde stolpehovudi og teinarne med gull; og dei fem
stabbarne som høyrde til, gjorde dei av kopar.

**37** So gjorde Besalel kista; ho var av akazietre,
halvtridje aln lang og halvonnor aln breid og
halvonnor aln høg. **2** Han klædde henne med skirt gull
både innan og utan, og gjorde ein gullkrans på henne
rundt ikring. **3** Og han støypte fire gullringar, som han
feste i dei fire føterne på kista, tvo på den eine sida
og tvo på den andre. **4** So gjorde han stenger av
akazietre, og klædde deim med gull, **5** og smøygde
deim inn i ringarne på sidorne av kista, til å bera henne
etter. **6** So gjorde han eit lok av skirt gull, halvtridje
aln lang og halvonnor aln breid. **7** På endarne av
det gjorde han tvo kerubar; av drive gull gjorde han
deim, **8** den eine keruben ytst på den eine enden og
den andre ytst på hin enden; i eitt med loket gjorde
han kerubarne, ein på kvar ende. **9** Kerubarne heldt
vengjerne utbreidde og upplyfte, so dei tekte yver
loket med vengjerne sine, og andliti deira snudde mot
kvarandre; dei vende augo mot loket. **10** So gjorde han
bordet; det var av akazietre, tvo alner langt og ei aln
breidt og halvonnor aln høgt. **11** Han klædde det med
skirt gull, og gjorde ein gullkrans på det, rundt ikring.
**12** Ei løvdebreid list gjorde han rundt um det, og på
listi sette han og ein gullkrans, som gjekk heilt ikring.
**13** So støypte han fire gullringar og sette i hyrno på
dei fire bordføterne. **14** Ringarne sat tett uppmed listi;
dei var til å smøygja berestenger inn i. **15** Stengerne
gjorde han av akazietre, og klædde deim med gull;
deim var det bordet skulde berast etter. **16** So gjorde
han dei kjeraldi som skulde setjast på bordet, fati og
skålerne som høyrde til, og bollarne og kannorne som
skulde skjenkjast drykkoffer av, alt av skirt gull. **17**
So gjorde han ljosestaken; den var av skirt gull, og
drive arbeid var det, både hoven og leggen. På staken
var det blomar, med knuppar og utsprotne blad, og
dei var samgjorde med honom. **18** Seks armar greina
seg ut ifrå honom, tri på den eine sida og tri på den
andre. **19** På den eine armen var det tri utsprotne
mandelblomar, med knupp og blad, og på den andre
armen var og tri utsprotne mandelblomar, med knupp
og blad, og soleis på alle dei seks armarne som greina
seg ut ifrå ljosestaken. **20** På sjølve staken var det
fire utsprotne mandelblomar, med knupp og blad, **21**
ein blomsterknupp under dei fyrste tvo armarne, og
ein under dei næste tvo armarne, og ein under det
tridje paret av dei seks armarne som greina seg ut ifrå
ljosestaken. **22** Både blomsterknupparne og armarne
var samsmidde med staken; alt var eit heilgjort arbeid
av drive, skirt gull. **23** Sidan gjorde han lamporne til
ljosestaken, sju i talet, og sakserne og saksplatorne
som høyrde til, alt av skirt gull. **24** Tri vågar skirt gull
bruka han til ljosestaken og alle desse gognerne. **25**
So gjorde han røykjelsealtaret av akazietre, ei aln langt
og ei aln breidt, firkanta, og tvo alner høgt. Horni på
det var i eitt med sjølve altaret. **26** Han klædde det
med skirt gull, både ovanpå og rundt ikring på sidorne
og på horni, og gjorde ein gullkrans på det, heilt ikring.
**27** Nedanfor kransen på dei tvo sidorne sette han tvo
gullringar, tvo på kvar sida, til å smøygja stenger inn i
som altaret skulde berast etter. **28** Stengerne og gjorde
han av akazietre, og klædde deim med gull. **29** So laga

han den heilage salvingsoljen og den reine, angande
røykjelsen på same måten som apotekarane gjer det.

**38** So gjorde han brennofferaltaret av akazietre,
fem alner langt og fem alner breidt, firkanta,
og tri alner høgt. **2** På kvart av dei fire hyrno gjorde
han eit horn, og horni var i eitt med altaret. Heile
altaret klædde det med kopar. **3** Sidan gjorde han alle
gognerne som høyrde til altaret: fati og eldskuflerne
og blodbollarne og steikjespiti og glodpannorne; alle
desse gognerne gjorde han av kopar. **4** So laga han ei
kopargrind til altaret på gjerd som eit net; den sette
han under altarskori, nedantil, so ho rakk midt uppå
altaret. **5** Og han støypte fire ringar og sette i dei
fire hyrno på kopargrindi, til å smøygja stenger inn
i. **6** Stengerne gjorde han av akazietre, og klædde
deim med kopar, **7** og so smøygde han deim inn i
ringarne på sidorne av altaret, so det kunde berast
etter deim. Altaret gjorde han av bord, so det var holt.
**8** So gjorde balja med foten under av kopar. Til det
bruka han speglarne åt dei kvendi som gjorde tenesta
i døri til møtetjeldet. **9** So emna han til gjerde kring
tunet: Til solsida, den sida som snudde mot sud, gjorde
han ein gard av kvitt linlereft, hundrad alner lang, **10**
og til den tjuge stolpar, med tjuge koparstabbar og
hakar og teinar av sylv. **11** Til nordsida gjorde han og
ein lereftsgard som var hundrad alner lang, og tjuge
stolpar med kvar sin koparstabbe og hakar og teinar av
sylv. **12** Til vestsida gjorde han ein lereftsgard på femti
alner med ti stolpar, og til deim ti stabbar og sylvhakar
og sylvteinar. **13** Til framsida, austsida, som og var
femti alner, **14** gjorde han femtan alner lereftsgard
til den eine leidi, med tri stolpar og stabbarne som
høyrde til, **15** og til den andre leidi, både til den eine og
den andre sida åt tunporten, femtan alner lereftsgard
og tri stolpar med kvar sin stabbe. **16** Heile garden
rundt ikring tunet var av kvitt linlereft. **17** Stabbarne
som stolparne skulde standa på, var av kopar, men
hakarne og teinarne var av sylv, og like eins ålaget på
stolpehovudi. Dei var bundne i hop med sylvteinar, alle
gardstolparne. **18** Tæpet til tunporten var utsauma med
rosor av purpur og skarlak og karmesin og kvitt tvinna
lingarn. Det var tjuge alner langt, og fem alner høgt,
etter vevbreiddi, liksom tungarden. **19** Stolparne det
skulde hanga på, var fire i talet, og sameleis stabbarne
som høyrde til. Stabbarne var av kopar. Hakarne var
av sylv. Ålaget på stolpehovudi og teinarne var og av
sylv. **20** Alle pålarne til huset og til garden rundt ikring
var av kopar. **21** No skal de høyra kor mykje det gjekk
med til huset, til det huset som gøymde Guds lov;
for Moses sette Levi-sønerne til å rekna det yver, og
Itamar, son åt Aron, presten, stod fyre rekningi. **22** Men
Besalel, son åt Uri Hursson, av Juda-ætti, var den som
gjorde alt det som Herren hadde tala til Moses um, **23**
og i lag med honom Åhåliab, son åt Akhisamak, av
Dans-ætti, ein meister til å smida og snikra og veva
åklæde med bilæte og rosor av purpur og skarlak
og karmesin og kvitt lingarn -: **24** Alt gullet som vart
bruka til det som skulde arbeidast åt heilagdomen,
heile gullmengdi som vart gjevi i offergåva, var ni og
tjuge talentar og fem og fyrti merker og ti lodd, etter
heilag vegt. **25** Og sylvet som kom inn då dei heldt
manntal yver lyden, det var hundrad talent og hundrad
og ti merker og femtan lodd etter heilag vegt: **26** ein
beka eller eit halvt lodd etter heilag vegt for kvar mann
som kom med i manntalet, frå tjugeårsalderen og
uppetter, og det var seks hundrad og tri tusund og fem
hundrad og femti mann. **27** Dei hundrad talenti med
sylv vart bruka til å støypa stabbarne til heilagdomen
og forhenget, hundrad stabbar av dei hundrad talenti;
det gjekk med eitt talent til kvar stabbe. **28** Og dei
hundrad og ti merkerne og femtan loddi bruka dei til
hakar på stolparne og ålag yver deim og til teinar som
skulde binda deim i hop. **29** Koparen som vart gjeven i
offergåva, var sytti talent og hundrad og femti merker.
**30** Av den gjorde dei stabbarne til møtetjelddøri, og
koparaltaret med kopargrindi som høyrer til, og alle
altargognerne, **31** og stabbarne til garden rundt ikring
tunet, og stolparne til tunporten, og alle pålarne til
huset og garden rundt ikring.

**39** Av purpuret og skarlaket og karmesinet gjorde
dei embætsskrud til tenesta i heilagdomen og
laga den heilage klædbunaden åt Aron, soleis som
Herren hadde sagt Moses fyre. **2** Messehakelen gjorde
dei av gull og purpur og skarlak og karmesin og kvitt
tvinna lingarn. **3** Dei hamra gullet ut i plator og klypte
det upp til tråd, so det kunde virkast inn i purpuret og
skarlaket og karmesinet og det kvite lingarnet med
kunstvevnad. **4** So gjorde dei aksleband til å festa
innåt messehakelen; med deim vart han hekta i hop på
båe endarne. **5** Livgjordi som var på messehakelen og
skulde spennast um honom, var like eins vovi og av
same tyet - av gull og purpur og skarlak og karmesin
og kvitt tvinna lingarn - soleis som Herren hadde sagt
Moses fyre. **6** So ferda dei til sjohamsteinarne, og felte
deim inn i fatingar av tvinna gull. Namni åt Israels-
sønerne var inngravne på deim som på ein seglring, **7**
og dei vart sette på akslebandi åt messehakelen til
minna um Israels-sønerne, soleis som Herren hadde
sagt Moses fyre. **8** So gjorde dei bringeduken. Han
var vænt rosa liksom messehakelen, med gull og
purpur og skarlak og karmesin og kvitt tvinna lingarn.
**9** Firkanta gjorde dei bringeduken og tvilagd; ei spann
på lengdi og ei spann på breiddi var han, og tvilagd.
**10** Og fire rader med dyre steinar sette dei på honom: I

ei rad var ein karneol og ein topas og ein smaragd; det
var den fyrste radi. 11 I den andre radi var ein rubin og
ein safir og ein beryll, 12 og i den tridje radi ein hyacint
og ein agat og ein ametyst, 13 og i den fjorde radi ein
krysolit og ein sjoham og ein jaspis. Dei vart innfelte
i fatingar av tvinna gull. 14 Steinarne var so mange
som Israels-sønerne, tolv, so dei svara til talet deira,
og på kvar stein var namnet åt ei av dei tolv ætterne
inngrave som på ein seglring. 15 So laga dei lekkjor av
skirt gull, slyngde som snorer, til bringeduken. 16 Og
dei gjorde tvo gullsylgjor og tvo gullringar, og sette
ringarne i kvar sitt hyrna på bringeduken. 17 Dei tvo
gullsnorerne feste dei i dei tvo ringarne som sat i hyrno
på bringeduken, 18 og dei hine tvo endarne av båe
snorerne feste dei i dei tvo sylgjorne, og sylgjorne sette
dei på akslebandi åt messehakelen, på framsida. 19
So gjorde dei tvo andre gullringar og sette i dei hine tvo
hyrno på bringeduken, på den sida som vender inn imot
messehakelen. 20 Og endå tvo gullringar gjorde dei og
sette på båe akslebandi åt messehakelen, nedantil
på framsida, der som han var hekta i hop, ovanfor
livgjordi, 21 og so batt dei med ei purpursnor ringarne
på bringeduken i hop med ringarne på messehakelen,
so bringeduken sat ovanfor livgjordi og ikkje kunde
rikkast frå messehakelen, soleis som Herren hadde
sagt Moses fyre. 22 So gjorde dei prestekjolen, som
var til å bera under messehakelen; han var voven og
all igjenom av purpur. 23 Midt på honom var det eit
halssmog som på ei brynja, og kringum halssmoget
ei borda, so han ikkje skulde rivna. 24 I falden på
kjolen sette dei duskar, på gjerd som granateple,
av tvinna purpurgarn og skarlak og karmesin, 25 so
gjorde dei bjøllor av skirt gull og sette rundt ikring på
kjolefalden, millom duskarne: 26 fyrst ei bjølla og ein
dusk, so ei bjølla og ein dusk att, og soleis rundt heile
kjolefalden, til å bruka ved gudstenesta, soleis som
Herren hadde sagt Moses fyre. 27 So gjorde dei vovne
underkjolar av fint lin til Aron og sønerne hans, 28
og ei kvit linhuva, og prydelege hovudplagg av kvitt
lin, og lereftsbrøker av kvitt tvinna lingarn, 29 og ei
livgjord med rosor av kvitt tvinna lingarn og purpur og
skarlak og karmesin, soleis som Herren hadde sagt
Moses fyre. 30 So gjorde dei gullspongi, det heilage
hovudgullet, og på den grov dei inn, som i ein seglring:
«Vigd åt Herren, » 31 og dei sette ei purpursnor i
henne, og feste henne ovantil på huva, soleis som
Herren hadde sagt Moses fyre. 32 No var det ferdigt alt
det som skulde arbeidast åt møtetjeldhuset, og Israels-
folket hadde i eitt og alt gjort det soleis som Herren
hadde sagt Moses fyre. 33 So kom dei då til Moses
med huset: tjeldet med alt det som høyrde til det:
krokarne og plankarne og tverrstokkarne og stolparne
og stabbarne 34 og det raudlita verskinnstaket og
markuskinns-taket og forhengtæpet, 35 lovtavlekista
med berestengerne og loket, 36 bordet med alle
dei ting som høyrde til det, og skodebrødi, 37 gull-
ljosestaken med lamporne som var sette i rad og alt
anna som høyrde til, 38 gullaltaret og salvingsoljen
og den angande røykjelsen og tæpet til tjelddøri, 39
koparaltaret med kopargrindi og berestengerne og
alt anna som høyrde attåt, balja og foten ho skulde
standa på, 40 lereftsgarden til tunet med stolparne og
stabbarne som høyrde til og tæpet til tunporten og togi
og pålarne og alt det som skulde brukast til den heilage
tenesta i gudshuset, i møtetjeldet, 41 embætsskrudet
til tenesta i heilagdomen, den heilage klædebunaden
til Aron, presten, og messeklædi til sønerne hans. 42
Som Herren hadde sagt Moses fyre, heiltupp soleis
hadde Israels-folket gjort alt arbeidet. 43 Og Moses
skoda heile verket, og då han såg at det var ferdigt, og
at dei i alle måtar hadde gjort det soleis som Herren
hadde sagt, so velsigna han deim.

**40** Då tala Herren til Moses, og sagde: 2 «Den
fyrste dagen i den fyrste månaden skal du reisa
møtetjeldhuset. 3 Der skal du setja lovtavlekista, og
hengja forhenget attfor kista. 4 So skal du setja inn
bordet, og på det skal du skipa det som på det skal
vera. Og du skal bera inn ljosestaken, og setja upp
lamporne på honom. 5 Det gullklædde røykjelsesaltaret
skal du setja framanfor lovtavlekista, og so skal du
hengja upp dørtæpet i husdøri. 6 Brennofferaltaret skal
du setja framanfor døri til møtetjeldhuset, 7 og balja
skal du setja millom møtetjeldet og altaret, og hava
vatn upp i henne, 8 og so skal du setja upp garden
kring tunet, og hengja upp tæpet i tunporten. 9 Sidan
skal du taka salvingsoljen, og salva huset og alt som i
det er, og vigsla både huset og all bunaden i det, so
det vert heilagt. 10 Og du skal salva brennofferaltaret
og alt det som til høyrer, og vigsla altaret, og då skal
altaret vera høgheilagt. 11 Og du skal salva balja og
foten ho stend på og vigsla henne. 12 So skal du kalla
Aron og sønerne hans burtåt møtetjelddøri, og två
deim med vatn, 13 og du skal klæda Aron i den heilage
klædebunaden, og salva honom og vigsla honom, og
so skal han vera prest for meg. 14 Og sønerne hans
skal du og kalla fram og klæda deim med underkjolar,
15 og salva deim, liksom du salva far deira, so dei
kann vera prestar for meg, og salvingi skal gjeva deim
retten til preste-embættet, mann etter mann, i all æva.»
16 Og Moses gjorde so: han gjorde i alle måtar som
Herren sagde honom fyre. 17 Den fyrste månaden
av det andre året, den fyrste dagen i månaden, var
det at huset vart reist. 18 Då reiste Moses huset: han
sette ned stabbarne og reiste upp plankarne, lagde inn

tverstokkarne og sette upp stolparne, **19** so spana han
ut tjeldet yver huset, og lagde tjeldtaket ovanpå, alt
soleis som Herren hadde sagt Moses fyre. **20** So tok
han og lagde lovtavlorne ned i kista, og sette stengerne
i, og sette loket yver kista. **21** Og kista sette han inn i
gudshuset, og feste upp forhengtæpet, so det hekk
attfor lovtavlekista, alt soleis som Herren hadde sagt
Moses fyre. **22** So sette han bordet i møtetjeldet, innåt
nørdre husveggen, utanfor forhenget, **23** og skipa brødi
i rader på det for Herrens andlit, alt soleis som Herren
hadde sagt Moses fyre. **24** Ljosestaken sette han og i
møtetjeldet, midt for bordet, innmed søre husveggen,
**25** og sette upp lamporne for Herrens åsyn, alt soleis
som Herren hadde sagt Moses fyre. **26** Gullaltaret
og sette han i møtetjeldet, framanfor forhenget, **27**
og brende angande røykjelse på det, alt soleis som
Herren hadde sagt Moses fyre. **28** So hengde han upp
dørtæpet, **29** og sette brennofferaltaret frammed døri
til møtetjeldhuset, og ofra brennoffer og grjonoffer på
det, alt soleis som Herren hadde sagt Moses fyre.
**30** Balja sette han millom møtetjeldet og altaret, og
hadde vatn i henne som dei skulde två seg med, **31**
og Moses og Aron og sønerne hans tok av vatnet
og tvo hender og føter; **32** kvar gong dei gjekk inn i
møtetjeldet eller fram åt altaret, so tvo dei seg, alt
soleis som Herren hadde sagt Moses fyre. **33** So sette
han upp garden kringum huset og altaret, og hengde
upp tæpet i tunporten, og so var Moses ferdig med
verket. **34** Då sveipte skyi seg kringum møtetjeldet,
og herlegdomen åt Herren fyllte huset. **35** Og Moses
kunde ikkje koma inn i møtetjeldet, av di at skyi låg
yver tjeldet, og herlegdomen åt Herren fyllte huset. **36**
Og kvar gong skyi lyfte seg ifrå gudshuset, tok Israels-
folket ut; so gjorde dei på alle ferderne sine. **37** Men
når skyi ikkje lyfte seg, so tok dei ikkje ut, men drygde
til den dagen ho lyfte seg att. **38** For Herrens sky låg
yver huset um dagen, og um natti skein ho som eld for
augo åt heile Israels-ætti på alle ferderne deira.

# 3 Mosebok

**1** Og Herren ropa på Moses, og tala til honom or
møtetjeldet og sagde: **2** «Tala til Israels-folket og
seg til deim: «Når nokon av dykk vil koma til Herren
med ei offergåva av buskapen, so kann han taka
offeret sitt anten av storfeet eller av småfeet. **3** Er det
eit brennoffer han vil gjeva, og han tek det av storfeet,
so skal det vera ein ukse som ikkje hev lyte. Til døri
åt møtetjeldet skal han koma med gåva si, so han
vert velsedd for Herrens åsyn, **4** og han skal leggja
handi på hovudet åt offerdyret; då skal gåva hans
tekkjast Herren, so han fær nåde. **5** So skal han slagta
uksen for Herrens åsyn, og Arons-sønerne, prestarne,
skal bera fram blodet, og skvetta det rundt ikring på
altaret som stend framanfor døri åt møtetjeldet. **6**
Og so skal han flå offerdyret og lema det sund; **7** og
sønerne åt Aron, øvstepresten, skal kveikja upp eld på
altaret, og leggja ved på elden. **8** Sidan skal Arons-
sønerne, prestarne, leggja kjøtet og hovudet og feittet
uppå veden som er lagd på altarelden. **9** Innvolen og
føterne skal tvåast i vatn, og so skal presten brenna alt
saman på altaret; so røyken stig upp mot himmelen;
då er det eit brennoffer åt Herren, ein offerret som det
angar godt. **10** Tek han brennofferet sitt av småfeet, av
sauerne eller geiterne, so skal det vera ein lytelaus
ver eller bukk. **11** Den skal han slagta på nordsida åt
altaret, for Herrens åsyn, og Arons-sønerne, prestarne,
skal skvetta blodet rundt ikring på altaret. **12** So skal
han luta upp offerdyret, og lata hovudet og feittet fylgja
med, og presten skal leggja luterne uppå veden som
er lagd på altarelden. **13** Innvolen og føterne skal dei
två i vatn, og so skal presten bera fram alt saman,
og brenna det på altaret, so røyken stig upp mot
himmelen; då er det er eit brennoffer åt Herren, ein
offerret som gjev god ange. **14** Er det fugl han vil taka
til brennoffer åt Herren, so skal offergåva han kjem
med, vera ei turtelduva eller ein duveunge. **15** Presten
skal bera fuglen fram åt altaret, og vrida hovudet
av honom, og brenna det på altaret; og blodet skal
kreistast ut mot altarveggen. **16** So skal han taka ut
krelen med goret som er i, og kasta det attmed altaret,
på austsida, der oska er, **17** og so flekkja fuglen med
vengjerne på; deim må han ikkje skjera av. Sidan skal
presten brenna fuglen på altaret, på veden som er lagd
på elden, so røyken stig upp mot himmelen; då er det
eit brennoffer åt Herren, ein offerret som anger godt.

**2** Når nokon vil bera fram eit grjonoffer for Herren,
so skal offergåva hans vera fint mjøl; det skal han
hella olje yver og leggja røykjelse attmed, **2** og so skal
han koma til Arons-sønerne, til prestarne, med det, og
presten skal taka ein neve av mjølet og oljen og so all
røykelsen, og brenna det på altaret, so røyken stig
upp mot himmelen til ei minning; då er det ein offerret
åt Herren, ein som det angar godt av. **3** Det som er
att av grjonofferet, skal Aron og sønerne hans hava;
det høyrer til det som er høgheilagt av offerrettarne åt
Herren. **4** Når du vil bera fram eit grjonoffer av noko
som er baka i omn, so skal det vera av fint mjøl, anten
hellekakor med olje i eller oljesmurde tunnbrødleivar.
**5** Vil du gjeva eit grjonoffer som er steikt på takka,
so skal det og vera av fint mjøl som er blanda med
olje, og usyrt. **6** Du skal brjota det i bitar, og hella olje
yver det, so er det eit rett grjonoffer. **7** Vil du gjeva
eit grjonoffer som er steikt i panna, so skal det med
vera tillaga av fint mjøl og olje. **8** Når grjonofferet er
tillaga på ein av dei måtarne, skal du bera det fram
for Herren. Du skal koma til presten med det, og han
skal bera det fram åt altaret. **9** So skal presten taka av
det som skal vera til minningsoffer, og brenna det på
altaret, so røyken stig upp mot himmelen; då er det
ein offerret åt Herren, ein som det angar godt av. **10**
Og det som då er att av offeret, skal Aron og sønerne
hans hava. Det høyrer til det som er høgheilagt av
Herrens offerrettar. **11** Eit grjonoffer som de ber fram
for Herren, må aldri vera syrt; det som det er surdeig
eller honning i, må de ikkje brenna til offermat for
Herren. **12** Til nygrødeoffer kann de hava det; men på
altaret må det ikkje koma, til godange for Herren. **13**
Alle grjonoffer som du ber fram, skal du salta; aldri
må du lata det vanta på salt i grjonofferet ditt. Saltet
høyrer til sambandet med din Gud; di skal du bera
fram salt attåt alle offeri dine. **14** Vil du gjeva Herren
eit grjonoffer av nygrøda, so skal offeret som du ber
fram av nygrøda divera aks som er steikte yver elden,
eller nyhausta korn som er grøypt. **15** Det skal du hella
olje yver og leggja røykjelse attmed; då er det eit rett
grjonoffer. **16** Og presten skal brenna noko av det
grøypte kornet og av oljen og all røykjelsen, so røyken
stig upp mot himmelen til ei minning; då er det ein god
offerrett for Herren.

**3** Vil nokon bera fram eit takkoffer, og han tek det av
storfeet, so kann det offerdyret han leider fram for
Herrens åsyn vera anten ukse eller ku, men lytelaust
skal det vera. **2** Han skal leggja handi på hovudet åt
offerdyret, og slagta det i døri til møtetjeldet, og Arons-
sønerne, prestarne, skal skvetta blodet rundt ikring på
altaret. **3** So skal han av takkofferet bera fram ei gåva
åt Herren, og det skal vera netja og alt feittet som er
på innvolen **4** og båe nyro med talgi som er på dei
og rekk burtåt låri, og den store livreflaga - den skal
han skjera utor i hop med nyro - **5** og Arons-sønerne
skal brenna det på altaret saman med brennofferet,

som ligg på veden dei hev lagt på elden; då er det ein
rjukande offerrett åt Herren, ein som gjev god ange. 6
Er det av småfeet han tek det dyret som han vil bera
fram for Herren til takkoffer, so kann det vera anten
han eller ho, men det skal vera fritt for lyte. 7 Vil han
ofra ein sau, so skal han leida honom fram for Herrens
åsyn. 8 Han skal leggja handi på hovudet åt offerdyret,
og slagta det framanfor møtetjeldet, og Arons-sønerne
skal skvetta blodet rundt ikring på altaret. 9 So skal
han av takkofferet bera fram ei gåva for Herren, og
det skal vera alt feittet som er på sauen: spælen heil
og halden - den skal han skjera av tett innmed roti
- og netja og alt feittet som er på innvolen, 10 og
båe nyro med talgi som er på deim og rekk burtåt
låri, og den store livreflaga - den skal han skjera utor
i hop med nyro - 11 og presten skal brenna det på
altaret; so røyken stig upp mot himmelen; det er eit
godt offermål for Herren. 12 Er det ei geit han vil ofra,
so skal han leida henne fram for Herrens åsyn. 13 Han
skal leggja handi på hovudet hennar, og slagta henne
framanfor møtetjeldet, og Arons-sønerne skal skvetta
blodet rundt ikring på altaret. 14 So skal han av offeret
sitt bera fram ein god rett for Herren, og det skal vera
netja og alt feittet som er på innvolen 15 og båe nyro
med talgi som er på deim og rekk burtåt låri, og den
store livreflaga - den skal han skjera utor i hop med
nyro - 16 og presten skal brenna det på altaret, so
røyken stig upp mot himmelen; då er det ein offerrett
som angar godt. Alt feitt høyrer Herren til. 17 Ei æveleg
lov skal det vera for dykk og etterkomarane dykkar i
kvar ein heim, at de aldri må eta feitt og blod.»»

**4** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Tala til
Israels-folket og seg: «Når nokon uviljande syndar
mot eit av Herrens bod og gjer noko som han hev
forbode å gjera, so høyr: 3 Er det den salva presten
som syndar og fører skuld yver folket, so skal han
til bot for den syndi han hev gjort koma til Herren
med ein ung ukse som ikkje hev lyte; det skal vera
syndofferet hans. 4 Han skal leida uksen fram for
Herrens åsyn, til døri åt møtetjeldet, og han skal leggja
handi på hovudet åt uksen, og han skal slagta uksen
for Herrens åsyn. 5 So skal han, den salva presten,
taka noko av ukseblodet og bera det inn i møtetjeldet.
6 Og han, presten, skal duppa fingeren i blodet, og
han skal skvetta av blodet sju gonger for Herrens
åsyn, framanfor det heilage forhenget. 7 Noko av
blodet skal han strjuka på horni åt altaret med den
angande røykjelsen, det som stend framfor Herrens
åsyn i møtetjeldet, og det som er att av ukseblodet,
skal han hella ut tett innmed foten på brennofferaltaret,
som stend framanfor døri til møtetjeldet. 8 Alt feittet
som er på syndofferuksen, skal han taka utor honom,
både netja og alt feittet som er på innvolen 9 og båe
nyro med talgi som er på deim og rekk burtåt låri,
og den store livreflaga - den skal han skjera utor i
hop med nyro - 10 alt dette skal han taka ut, like eins
som på takkofferuksen, og so skal han brenna det på
brennofferaltaret, so røyken stig upp mot himmelen.
11 Men hudi av uksen og alt kjøtet, med hovudet og
føterne og innvolen og myki, 12 heile uksen, skal han
føra ut or lægret, til ein rein stad, der dei slær ut oska,
og brenna det upp med ved; der som oska vert slegi
ut, der skal dei brenna det. 13 Hev heile Israels-lyden
misfare seg, hev folket seg uvitande gjort noko av det
som Herren hev forbode å gjera, og ført skuld yver seg,
14 og det sidan vert kunnigt kva dei hev synda i, so skal
folket koma med ein ung ukse til syndoffer. Den skal
dei leida fram åt møtetjeldet, 15 og dei eldste av lyden
skal leggja henderne på hovudet åt uksen for Herrens
åsyn, og so skal uksen slagtast for Herrens åsyn.
16 Den salva presten skal bera noko av ukseblodet
inn i møtetjeldet, 17 og han, presten, skal duppa
fingeren i blodet, og skvetta sju gonger for Herrens
åsyn, framanfor forhenget. 18 Noko av blodet skal
han strjuka på horni åt det altaret som stend framfor
Herrens åsyn i møtetjeldet, og det som er att av blodet,
skal han hella ut tett innmed foten på brennofferaltaret,
som stend framanfor døri til møtetjeldet. 19 Alt feittet
skal han taka utor uksen, og brenna det på altaret, so
røyken stig upp mot himmelen. 20 Som han gjorde
med hin syndofferuksen, so skal han gjera med denne
og. Når presten soleis hev bore fram soningsoffer for
deim, skal dei få tilgjeving. 21 Sidan skal dei føra
uksen utanfor lægret, og brenna honom, liksom dei
brende den fyrste uksen. Dette er syndofferet for folket.
22 Når ein hovding misfer seg og uviljande gjer noko
av det som Herren, hans Gud, hev forbode å gjera,
og soleis fører skuld yver seg, 23 og det vert kunnigt
for honom kva han hev synda i, so skal han koma
med ei offergåva, og det skal vera ein geitebukk,
ein som ikkje hev lyte. 24 Han skal leggja handi på
hovudet åt bukken, og slagta honom på same staden
som dei slagtar brennofferet for Herrens åsyn; då
er det eit syndoffer. 25 Presten skal taka noko av
offerblodet på fingeren, og strjuka det på horni åt
brennofferaltaret, og det som er att av blodet, skal
han hella ut tett innmed foten på brennofferaltaret. 26
Og alt feittet skal han brenna på altaret liksom han
gjorde med feittet av takkofferet. Når presten soleis
hev bore fram soningsoffer for honom og gjort honom
rein for syndi, skal han få tilgjeving. 27 Er det ein
ålmugemann som uviljande syndar mot eit av Herrens
bod og gjer noko som han ikkje skulde gjera, so han
fører skuld yver seg, 28 og det vert kunnigt for honom

kva han hev synda i, so skal han til bot for den syndi
han hev gjort, koma med ei offergåva, og det skal
vera ei geit, ei som ikkje hev lyte. 29 Han skal leggja
handi på hovudet åt syndofferdyret, og han skal slagta
syndofferdyret på brennofferstaden. 30 Og presten skal
taka noko av blodet på fingeren, og strjuka det på horni
åt brennofferaltaret, og det som er att av blodet, skal
han hella ut tett innmed altarfoten. 31 Alt feittet skal
han taka utor, liksom dei tek ut feittet på takkofferet,
og presten skal leggja det på altaret og brenna det
til godange for Herren. Når presten soleis hev gjort
soning for honom, skal han få tilgjeving. 32 Vil han
heller taka ein sau til syndoffer, so skal han koma med
ei søya som ikkje hev lyte. 33 Han skal leggja handi
på hovudet åt offerdyret, og so skal han slagta det til
syndoffer på same staden som dei slagtar brennofferet.
34 Og presten skal taka noko av syndofferblodet på
fingeren, og strjuka det på horni åt brennofferaltaret, og
det som er att av blodet, skal han hella ut tett innmed
altarfoten. 35 Alt feittet skal han taka utor, liksom dei
gjer med takkoffersauen, og presten skal brenna det
på altaret saman med offerretterne åt Herren. Når
presten soleis hev bore fram soningsoffer for den syndi
han hev gjort, skal han få tilgjeving.

5 Når nokon høyrer ei våbøn som vert lyst yver ein
brotsmann, og han hev set eller veit noko so han
kunde vitna mot honom, men like vel ikkje segjer ifrå,
og soleis syndar og fører skuld yver seg, 2 eller nokon,
seg uvitande, kjem innåt noko ureint, anten det er etslet
av eit ureint villdyr eller av eit ureint krøter eller av eit
ureint krek, og soleis sjølv vert urein og fører skuld
yver seg, 3 eller når han kjem nær noko ureint av folk,
kva det so er for ureinska som er på deim, og han ikkje
veit av det, men sidan fær vita det og ser at han hev
ført skuld yver seg, 4 eller når nokon sver tankelaust
burt i veret at han vil gjera eitt eller anna, slikt som
folk kann koma til å sverja på i tankeløysa, og han
ikkje håttar det, men sidan vert vis med at han hev ført
skuld yver seg med eitkvart sovore, 5 so skal den som
soleis hev ført skuld yver seg standa til kva han hev
synda i, 6 og til bot for den syndi han hev gjort, skal
han koma til Herren med eit syndoffer - det skal vera
eit småkrøter av hoslaget, søya eller geit - og presten
skal bera fram soningsoffer for honom og gjer honom
rein for syndi. 7 Hev han ikkje råd til eit småkrøter, so
skal han til bot for den syndi han hev gjort bera fram
for Herren tvo turtelduvor eller tvo duveungar, den eine
til syndoffer og den andre til brennoffer. 8 Han skal
koma til presten med deim, og presten skal fyrst bera
fram den duva som skal vera til syndoffer. Han skal
vrida um hovudet på henne tett uppmed nakken, men
ikkje skilja det frå bulen. 9 So skal han skvetta noko
av syndofferblodet på altarveggen, og det som er att
av blodet, skal kreistast ut so det renn ned innmed
altarfoten. Då er det eit rett syndoffer. 10 Av den andre
duva skal han laga til eit brennoffer, på rette gjerdi. Når
presten soleis hev bore fram soningsoffer for den syndi
han hev gjort, so skal han få tilgjeving. 11 Hev han
ikkje råd til tvo turtelduvor eller tvo duveungar, so skal
han til bot for di han hev synda koma med ei kanna fint
mjøl; det skal vera syndofferet hans. Han skal ikkje
hava olje på det, og ikkje leggja røykjelse attmed; for
det er eit syndoffer. 12 Til presten skal han koma med
det, og presten skal taka ein neve av mjølet og brenna
på altaret, saman med offerretterne åt Herren, då er
det eit rett syndoffer. 13 Når presten soleis hev bore
fram soningsoffer for den syndi han på den eine eller
den andre måten hev gjort, so skal han få tilgjeving.
Dette offeret skal høyra presten til på same vis som
grjonofferet.»» 14 Og Herren tala atter til Moses, og
sagde: 15 «Er det nokon som uviljande eignar til seg
noko av det som er vigt åt Herren, og soleis vert saka i
svik, so skal han til bot for si skuld koma til Herren med
ein lytelaus ver av fenaden sin, ein som etter ditt skyn
er verd minst tvo sylvdalar i heilag mynt; det skal vera
skuldofferet hans. 16 Det han med urett hev eigna til
seg av dei vigde gåvorne, skal han gjeva att, og attåt
leggja femteparten av verdet. Han skal gjeva det til
presten, og når presten hev ofra skuldofferveren til
soning for honom, skal han få tilgjeving. 17 Når nokon
syndar og gjer noko av det som Herren hev forbode å
gjera, og han ikkje veit av det, men skynar at han hev
fare i mist og ført skuld yver seg, 18 so skal han til
bot for si skuld koma til presten med ein lytelaus ver
av fenaden sin, ein som etter ditt skyn er eit fullgodt
offer; og presten skal bera fram soningsoffer for den
misgjerdi han hev gjort og ikkje visste av, og då skal
han få tilgjeving. 19 Dette er eit skuldoffer; for det var
visst at han bar på ei skuld imot Herren.»

6 Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Når
nokon syndar og gjer svik imot Herren og dyl burt
noko som grannen hev gjeve honom i varveitsla eller
sett i vissa hjå honom, eller som han hev teke eller
truga til seg av grannen, 3 eller han finn noko som
ein annan hev mist og so dyl det, eller når han gjer
rang eid um eitt eller anna som han eller andre kann
ha synda med, 4 so skal den som soleis hev synda
og ført skuld yver seg, gjeva att det han hev teke,
eller truga til seg, eller fenge i varveitsla eller funne, 5
og det han hev gjort rang eid um, kva det no kann
vera. Han skal gjeva det att med fullt verd, og leggja
femteparten attåt; til eigarmannen skal han gjeva det,
og det same dagen som han ber fram skuldofferet sitt.

6 Og til bot for si skuld skal han koma til Herren med
ein lytelaus ver av fenaden sin, ein som etter ditt skyn
er eit fullgodt offer, og gjeva honom til presten; det
skal vera skuldofferet hans. 7 So skal presten gjera
soning for honom for Herrens åsyn, og då skal han
få tilgjeving for alle gjerningar som han kann ha ført
skuld yver seg med.» 8 Og Herren tala atter til Moses,
og sagde: 9 «Seg til Aron og sønerne hans: «So er
lovi um brennofferet: Brennofferet det skal liggja på
eldstaden sin, på altaret, heile natti, til morgons, og
der skal altarelden nørast. 10 Og presten skal klæda
seg i linkjolen sin, og ei linbrok skal han hava på
seg næst kroppen, og han skal taka burt oska etter
brennofferet, som elden hev tært upp på altaret, og
leggja henne attmed altaret. 11 So skal han hava av
seg klædebunaden sin, og taka på seg andre klæde,
og bera oska ut or lægret, til ein rein stad. 12 Men
elden skal haldast vaken på altaret; han må ikkje
slokna. Kvar morgon skal presten nøra elden med
ved, og leggja brennofferet uppå veden, og saman
med det brenna takkofferfeittet, so røyken stig upp mot
himmelen. 13 Elden skal allstødt brenna på altaret,
og må aldri slokna. 14 So er lovi um grjonofferet: Ein
av Arons-sønerne skal bera det fram for Herren, på
altaret. 15 Han skal taka ein neve av det fine mjølet
og oljen i grjonofferet, og all røykjelsen som fylgjer
med grjonofferet, og brenna det på altaret, so røykjen
stig upp mot himmelen; det er eit minningsoffer åt
Herren, eit som gjev god ange. 16 Og det som er att
av offeret, skal Aron og sønerne hans eta; det skal
etast usyrt på ein heilag stad: i tunet åt møtetjeldet
skal dei eta det; 17 med surdeig må det ikkje bakast.
Det er den luten eg gjev deim av offerretterne mine;
høgheilagt er det, liksom syndofferet og skuldofferet.
18 Alle menner som er ætta frå Aron, må eta av det;
gjenom alle tider og ætter skal det vera dykkar rett av
offergåvorne åt Herren; den som rører deim, lyt vera
vigd.»» 19 Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 20
«Den offergåva som Aron og sønerne hans skal bera
fram for Herren den dagen dei vert salva, det er ei
kanna fint mjøl; det skal vera det dagvisse grjonofferet,
helvti um morgonen og helvti um kvelden. 21 Med olje
skal det lagast til på ei takka; godt knoda skal det vera
når du kjem med det; eit grjonoffer som er sundbytt i
småstykke, skal du bera fram til godange for Herren.
22 Den av sønerne åt Aron som vert salva til prest
i staden hans, skal laga det til. Ei æveleg reidda åt
Herren skal det vera, og heile offeret skal brennast. 23
Alle prestegrjonoffer skal vera heiloffer; dei må ikkje
etast.» 24 Og Herren tala atter til Moses, og sagde:
25 «Tala til Aron og sønerne hans og seg: «So er
lovi um syndofferet: På same staden som dei slagtar
brennofferet, skal syndofferet og slagtast for Herrens
åsyn; høgheilagt er det. 26 Presten som ber fram
syndofferet, må eta det; på ein heilag stad skal det
etast, i møtetjeldtunet. 27 Den som rører offerkjøtet,
lyt vera vigd. Kjem det noko av blodet på klædi, so
skal du taka det plagget som blodet hev kome på og
två det på ein heilag stad. 28 Er det ei leirgryta kjøtet
vert koka i, so skal ho slåast sund; men er det ein
koparkjel, so skal han skurast og skyljast med vatn. 29
Alle menner som er prestar, må eta av dette offeret; det
er høgheilagt. 30 Men dei syndofferi som det vert bore
blod av inn i møtetjeldet til å sona med i heilagdomen,
dei må aldri etast; dei skal brennast i elden.

7 So er lovi um skuldofferet: Det er høgheilagt. 2 På
same staden som dei slagtar brennofferet, skal dei
slagta skuldofferet. Blodet skal dei skvetta rundt ikring
på altaret, 3 og alt feittet skal dei bera fram for Herren,
både spælen og netja, 4 og båe nyro med talgi som er
på deim og rekk burtåt låri, og den store livreflaga -
den skal skjerast utor i hop med nyro - 5 og presten
skal brenna det på altaret til ein offerrett for Herren; då
er det eit rett skuldoffer. 6 Alle menner som er prestar,
må eta av det; på ein heilag stad skal det etast; det er
høgheilagt. 7 Med skuldofferet er det like eins som
med syndofferet - det gjeld same lovi for båe; den
presten som gjer soning med det, han skal hava det. 8
Når ein prest ofrar brennoffer for ein mann, so skal den
same presten hava hudi av offerdyret som han hev
bore fram. 9 Og alle grjonoffer som vert baka i omn og
alle som er tillaga i panna eller på takka, deim skal den
presten hava som ber deim fram. 10 Men alle andre
grjonoffer, anten dei er blanda med olje eller turre,
skal høyra alle Arons-sønerne til, den eine som den
andre. 11 So er den lovi som gjeld når nokon kjem til
Herren med eit takkoffer: 12 Er det til Guds lov og pris
han ofrar det, so skal han attåt slagtofferet bera fram
hellekakor med olje i, og tunnbrødleivar som er smurde
med olje, og fint mjøl som er blanda med olje og knoda
til kakor. 13 Det er dei offergåvorne han skal bera fram
attåt lov- og takkofferdyret, og umfram det skal han
hava med seg syrte kakor. 14 Av offergåvorne skal
han gjeva ei av kvart slag i reida åt Herren; det skal
presten hava, han som skvetter blodet av takkofferet
på altaret. 15 Kjøtet av lov- og takkofferet lyt etast
same dagen som det vert frambore; ingen må gøyma
noko av det til morgons. 16 Er det eit slagtoffer som
ein hev lova eller gjev i godvilje, so skal det helst etast
same dagen som han ber fram offeret sitt. Vert det
noko att, so kann det etast dagen etter. 17 Men det
som er att av offerkjøtet tridje dagen, skal brennast
upp i elden. 18 Dersom nokon et av takkofferkjøtet
tridje dagen, so hev Herren ingen hugnad i offeret, og

det vert ikkje rekna den til gode som bar det fram; det
skal haldast for utskjemt og ureint, og den som et av
det, gjer ei misgjerning som han kjem til å lida for. **19**
Kjøt som hev vore innåt noko ureint, må heller ikkje
etast; det skal brennast upp i elden. Elles kann alle
som er reine eta av kjøtet. **20** Men den som et kjøt av
Herrens takkoffer medan det er noko ureint på honom,
han skal rydjast ut or ætti si. **21** Og når ein mann
kjem nær noko ureint, anten det er slik ureinska som
kann vera på folk, eller det er eit ureint dyr eller noko
anna ureint og ufyse, og han so et av takkofferkjøtet åt
Herren, so skal den mannen rydjast ut or ætti si.»» **22**
Og Herren tala atter til Moses, og sagde: **23** «Tala til
Israels-borni og seg: «De må aldri eta feitt, anten av
ukse eller sau eller geit. **24** Feittet av sjølvdaude dyr
og av dyr som er rivne i hel, kann de nytta til ymse
ting, men eta det må de ikkje. **25** Er det nokon som
et feittet av slikt bufe som dei tek til offer åt Herren,
so skal den som gjer det rydjast ut or ætti si. **26** Og
ikkje i noko hus må de eta blod, anten av fugl eller fe.
**27** Den som nokosinne et blod, han skal rydjast ut or
ætti si.»» **28** Og Herren tala atter til Moses, og sagde:
**29** «Tala til Israels-borni og seg: «Den som vil bera
fram eit takkeslagtoffer åt Herren, han skal sjølv koma
med det han vil gjeva Herren av offeret sitt. **30** Med
sine eigne hender skal han bera fram dei offerretterne
som er etla åt Herren. Både bringestykket og feittet
skal han bera fram, og bringestykket skal svingast att
og fram for Herrens åsyn. **31** Og presten skal brenna
feittet på altaret, so røyken stig upp mot himmelen;
men bringestykket skal Aron og sønerne hans hava.
**32** Og det høgre låret skal de gjeva presten i reida
av takkofferi dykkar: **33** den av Arons-sønerne som
ber fram takkofferblodet og feittet, han skal hava det
høgre låret for sin lut. **34** For svingebringa og lyftelåret
av takkeofferi frå Israels-folket tek eg imot av deim,
og gjev det åt Aron, presten, og sønerne hans; det
skal i all æva vera retten deira av Israels-folket.»»
**35** So var den luten Aron og sønerne hans fekk av
Herrens offerretter den dagen dei vart kalla til å gjera
prestetenesta for Herren; **36** det var det Herren sagde
at Israels-borni skulde gjeve deim den dagen dei vart
salva, og det skulde vera retten deira ætt etter ætt
i all æva. **37** Dette var lovi um brennofferet og um
grjonofferet og um syndofferet og um skuldofferet og
um vigsleofferet og um takkofferet, **38** den som Herren
kunngjorde for Moses på Sinaifjellet, den gongen han
gav Israels-folket det bodet at dei skulde bera fram
offergåvorne sine for Herren i øydemarki kring Sinai.

**8** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: **2** «Henta
no Aron og sønerne hans, og tak dei heilage klædi
og salvingsoljen og syndofferuksen og båe verarne
og korgi med søtebrødet, **3** og kalla so heile lyden
saman framfor døri åt møtetjeldet!» **4** Og Moses
gjorde som Herren sagde, og lyden samla seg framfor
møtetjelddøri. **5** Då sagde Moses til deim: «Sjå no
kva Herren hev sagt eg skal gjera!» **6** So kalla han til
seg Aron og sønerne hans, og tvo dei med vatn, **7** og
han hadde underkjolen på Aron, og spente beltet um
honom, og klædde honom i prestekjolen, og hengde
messehakelen på honom, og batt um honom livgjordi
som høyrde til, og med den snørde han messehakelen
fast. **8** So hadde han bringeduken på honom, og i
bringeduken lagde han urim og tummim. **9** Og han
sette huva på hovudet hans, og framme på huva sette
han gullspongi, det heilage hovudgullet, alt soleis som
Herren hadde sagt med Moses. **10** So tok Moses
salvingsoljen, og salva gudshuset og alt som i det
var, og vigsla det, **11** og han skvette sju vendor på
altaret av oljen, og salva altaret og alle dei ting som
høyrde til det, og tvåttebalja med foten ho stod på, og
vigsla deim. **12** Og noko av salvingsoljen helte han
yver hovudet på Aron, og salva og vigde honom. **13**
Sidan kalla han til seg sønerne hans Aron, og klædde
deim i underkjolar, og spente belte um deim, og batt
hovudplagg på deim, alt soleis som Herren hadde sagt
med Moses. **14** So leidde han fram syndofferuksen, og
Aron og sønerne hans lagde henderne på hovudet
åt uksen. **15** Og då dei hadde slagta honom, tok
Moses blodet og strauk rundt ikring på altarhorni med
fingeren, og gjorde altaret reint for synd, og det som
var att av blodet, helte han ut tett innmed altarfoten.
Soleis gjorde han soning for altaret og vigsla det. **16**
So tok han alt feittet som var på innvolen, og den store
livreflaga og båe nyro med talgi på, og brende det på
altaret, so røyken steig upp mot himmelen. **17** Men
sjølve uksen, både hudi og kjøtet og møki, brende han i
elden utanfor lægret, alt soleis som Herren hadde sagt
med Moses. **18** So leidde han fram brennofferveren,
og Aron og sønerne hans lagde henderne på hovudet
åt veren. **19** Og då dei hadde slagta honom, skvette
Moses blodet rundt ikring på altaret. **20** Men sjølve
veren lema dei sund, og Moses brende hovudet og
kjøtet og feittet; **21** innvolen og føterne tvo dei fyrst i
vatn, og so brende Moses heile veren på altaret, so
røyken steig upp mot himmelen. Det vart eit brennoffer
som anga godt, ein offerrett for Herren var det; alt vart
gjort soleis som Herren hadde sagt med Moses. **22** So
leidde han fram den andre veren, vigsleveren, og Aron
og sønerne hans lagde henderne på hovudet åt veren.
**23** Og då dei hadde slagta honom, tok Moses noko av
blodet og strauk på den høgre øyresnippen åt Aron og
på den høgre tumarsfingeren og den høgre tumarståi
hans. **24** So kalla han til seg sønerne hans Aron, og

strauk noko av blodet på den høgre øyresnippen og
på den høgre tumarsfingeren og den høgre tumarståi
deira, og det som var att av blodet, skvette han rundt
ikring på altaret. 25 Og han tok feittet, både spælen alt
feittet som var på innvolen, og den store livreflaga og
båe nyro med talgi på, og so det høgre låret. 26 Og or
søtebrødkorgi som stod framfor augo åt Herren, tok
han ei hellekake og eit oljebrød og ein tunnbrødleiv
og lagde uppå på feittet og verlåret. 27 Og so lagde
han alt saman i henderne på Aron og sønerne hans
og svinga det att og fram for Herrens åsyn. 28 Sidan
tok han det utor henderne deira, og brende det på
altaret saman med brennofferet, so røyken steig upp
mot himmelen; det var eit vigsleoffer som gav god
ange, ein offerrett for Herren var det. 29 Og Moses tok
bringestykket, og svinga det att og fram for Herrens
åsyn; det var den luten Moses fekk av vigsleveren,
soleis som Herren hadde sagt med Moses. 30 So tok
Moses noko av salvingsoljen og noko av blodet som
stod på altaret og skvette på Aron og klædi hans og
på sønerne hans og klædi deira; og vigsla Aron og
klædi hans og sameleis sønerne hans og klædi deira.
31 Og Moses sagde til Aron og sønerne hans: «De
skal sjoda kjøtet i døri åt møtetjeldet og eta det attåt
brødet som er i vigsleofferkorgi; for so hev Gud sagt
med meg: «Aron og sønerne hans skal eta det, » hev
han sagt. 32 Men det som vert att av kjøt og brød,
skal de brenna i elden. 33 Og so lyt de i sju dagar
halda dykk innmed møtetjelddøri, alt til den dagen då
vigsletidi dykkar er ute; for sju dagar skal prestevigsla
vara. 34 Som de hev gjort i dag, so skal de gjera dei
hine dagarne og, so de kann få nåde, segjer Herren.
35 Og i møtetjelddøri skal de sitja dag og natt i sju
jamdøger og halda dykk etter det som Herren hev
sagt, so de ikkje skal missa livet; for so hev Herren
sagt med meg.» 36 Og Aron og sønerne hans gjorde
alt det som Herren hadde late Moses segja til deim.

**9** Då den åttande dagen var komen, kalla Moses til
seg Aron og sønerne hans og dei øvste i Israel, 2
og han sagde med Aron: «Tak ein uksekalv til syndoffer
og ein ver til brennoffer, lytelause båe tvo, og leid deim
fram for Herrens åsyn! 3 Og til Israels-folket skal du
segja: «Tak ein geitebukk til syndoffer, og ein kalv og
eit lamb, årsgamle og lytelause båe tvo, til brennoffer,
4 og ein ukse og ein ver til takkoffer - dei skal slagtast
for Herrens åsyn - og so eit grjonoffer som er tillaga
med olje! For i dag vil Herren syna seg for dykk.»»
5 So henta dei det som Moses hadde sagt, og sette det
framanfor møtetjeldet, og heile lyden gjekk innåt, og
stod for Herrens åsyn. 6 Og Moses sagde: «Soleis
hev Herren sagt de skal gjera, so skal herlegdomen åt
Herren syna seg for dykk.» 7 So sagde han til Aron:
«Kom hit åt altaret, og ofra syndofferet og brennofferet
ditt, og gjer soning for deg og for folket, og ber so fram
offergåva frå folket og gjer soning for deim, soleis som
Herren hev sagt!» 8 So steig Aron fram åt altaret,
og slagta uksekalven som skulde vera syndoffer for
honom sjølv. 9 Sønerne hans gav honom blodet, og
han duppa fingeren i blodet, og strauk det på altaret,
og det som var att av blodet, helte han ut tett innmed
altarfoten. 10 Feittet og nyro og den store livreflaga
av syndofferdyret brende han på altaret, so røyken
steig upp mot himmelen, soleis som Herren hadde
sagt med Moses; 11 men kjøtet og hudi brende han i
elden utanfor lægret. 12 So slagta han brennofferdyret.
Sønerne hans gav honom blodet, og han skvette
det rundt ikring på altaret. 13 Sidan rette dei sjølve
brennofferet til honom, stykke for stykke, og hovudet,
og han brende det på altaret, so røyken steig upp mot
himmelen. 14 Innvolen og føterne tvo han i vatn, og so
brende han det og på altaret i hop med hitt. 15 So bar
han fram offergåvorne frå folket. Fyrst tok han bukken
som skulde vera syndoffer for folket, og slagta honom,
og bar honom fram til syndoffer, liksom det fyrste
offerdyret. 16 Sameleis førde han fram brennofferet,
og stelte det til på rette gjerdi. 17 Sidan bar han fram
grjonofferet; av det tok han ein neve og brende på
altaret umfram morgon-brennofferet. 18 So slagta han
uksen og veren, takkofferet frå folket; sønerne hans
gav honom blodet, og han skvette det rundt ikring på
altaret. 19 Og feittet av uksen, og spælen og netja og
nyro og den store livreflaga av veren, 20 alt feittet,
lagde dei uppå bringestykki. Og Aron brende feittet på
altaret, so røyken steig upp mot himmelen; 21 men
bringestykki og det høgre låret svinga han att og fram
for Herrens åsyn, som Moses hadde sagt til honom.
22 Og Aron lyfte henderne yver folket og velsigna
deim, og so steig han ned, etter han hadde bore fram
syndofferet og brennofferet og takkofferet. 23 Sidan
gjekk Moses og Aron inn i møtetjeldet, og då dei kom
ut att, velsigna dei folket. Då synte herlegdomen åt
Herren seg for heile folket, 24 og det for eld ut frå
Herren åsyn og brende upp det som var på altaret,
både brennofferet og feittet, og då folket såg det, ropa
dei alle høgt av gleda, og kasta seg ned, med andlitet
mot jordi.

**10** Men tvo av Arons-sønerne, Nadab og Abihu,
tok kvar sitt glodfat og hadde gløder i, og lagde
røykjelse på gløderne, og bar framand eld fram for
Herrens åsyn, det som han hadde forbode deim. 2 Då
for det eld ut frå Herren og tynte deim, og dei døydde
for Herrens åsyn. 3 Og Moses sagde med Aron: «Dette
var det Herren meinte då han sagde: «Min heilagdom

eg syner på deim som er meg næst, og alt folket let eg
mitt velde lysa fram.»» Og Aron tagde. 4 Men Moses
ropa på Misjael og Elsafan, sønerne hans Uzziel, som
var farbror åt Aron, og sagde med deim: «Kom hit, og
ber frendarne dykkar burt frå heilagdomen og ut or
lægret!» 5 So kom dei, og gjorde som Moses sagde,
og bar deim ut or lægret i kjolarne deira. 6 Og Moses
sagde til Aron og til Eleazar og Itamar, sønerne hans:
«De skal ikkje ganga med uflitt hår og ikkje riva sund
klædi dykkar; for då kjem de til å missa livet, og han
vert vreid på heile lyden. Men brørne dykkar, heile
Israels-ætti, må gråta yver den elden som Herren
sende. 7 Og frå møtetjelddøri må de ikkje røyva dykk,
so sant de ikkje vil missa livet; for Herrens salvingsolje
er på dykk.» Og dei gjorde som Moses sagde. 8 Og
Herren tala til Aron, og sagde: 9 «Vin eller nokon sterk
drykk må du og sønerne dine ikkje drikka, når de gjeng
inn i møtetjeldet; for då kjem de til å missa livet. Det
skal vera ei æveleg lov for deg og etterkomarane dine,
10 so de kann skilja millom heilagt og vanheilagt og
millom ureint og reint, 11 og læra Israels-folket alle dei
bodi som Herren hev late Moses kunngjera for deim».
12 Sidan sagde Moses til Aron og til Eleazar og Itamar,
deim av sønerne hans som var i live: «Tak det som er
att av dei grjonofferi det hev bore fram for Herren, og et
det usyrte frammed altaret; for det er høgheilagt. 13 De
skal eta det på ein heilag stad; det er det som du og
sønerne dine hev rett til av offergåvorne åt Herren; for
so hev Herren sagt med meg. 14 Og svingebringa og
lyftelåret skal de og eta på ein rein stad, du og sønerne
og døtterne dine med deg; for det er den luten som er
gjeven deg og borni dine av takkofferi frå Israels-folket.
15 Både lyftelåret og svingebringa skal dei bera fram
i hop med offerfeittet, og svinga det att og fram for
Herrens åsyn; sidan skal det høyra deg og borni dine
til, og vera retten dykkar æveleg og alltid, soleis som
Herren hev sagt.» 16 Då Moses tok til å spyrja etter
syndofferbukken, fekk han vita at han var uppbrend.
Då vart han harm på Eleazar og Itamar, deim som
var att av sønerne hans Aron, og han sagde: 17 «Kvi
hev de ikkje ete syndofferet på den heilage staden?
De veit då det er høgheilagt, og han hev gjeve dykk
det på den måten at de skal taka burt syndeskuldi frå
lyden og gjera soning for deim hjå Herren. 18 Blodet
vart ikkje bore innar i heilagdomen; difor skulde de ha
ete offerkjøtet på den heilage staden, som eg sagde
dykk.» 19 Då svara Aron: «Du veit at dei i dag hev
bore fram syndofferet og brennofferet sitt for Herrens
åsyn, og endå hev slik ei ulukka hendt meg. Um eg no
hadde ete syndoffer i dag, trur du då Herren hadde
tykt vel um det?» 20 Då Moses høyrde det, tykte han
det var rett.

**11** Og Herren tala atter til Moses og Aron, og sagde
med deim: 2 «Tala til Israels-folket og seg: «Høyr
no kva det er for nokre de må eta av alle dei firføtte
dyri som liver på jordi: 3 Alle dyr som hev klauver og
jortar, deim kann de eta. 4 Det er berre desse de ikkje
må eta av deim som jortar og av dei som hev klauver:
kamelen, for han jortar, men hev ikkje klauver; han skal
vera urein for dykk, 5 og bergtassen, for han og jortar,
men hev ingi klauver; han skal vera urein for dykk, 6
og haren, for um han jortar, so hev han ikkje klauver
han heller; han skal vera urein for dykk, 7 og svinet,
for det hev klauver, men det jortar ikkje; det skal vera
ureint for dykk. 8 Kjøtet deira må de ikkje eta, og er dei
daude, so må de ikkje røyva deim; dei skal vera ureine
for dykk. 9 Høyr so kva de må eta av det som er i
vatnet: Alt som er i vatnet, i havet og i elvarne, og hev
uggar og reist, kann de eta. 10 Men slikt som ikkje hev
uggar og reist av alt det som finst i hav eller å, av alt
det som yrer i vatnet, alle kvikjende som held til der, det
skal vera ein styggedom for dykk. 11 Ein styggedom
skal dei vera for dykk; kjøtet deira må de ikkje eta, og
er dei daude, so skal de styggjast ved kropparne deira.
12 Alt i vatnet som ikkje hev uggar og reist, skal vera
ein styggedom for dykk. 13 Høyr no og kva det er for
fuglar de skal hava stygg til og ikkje må eta, av di dei
er ufysne: Ørnen og gribben og sjøørnen 14 og glenta
og heile falkeætti 15 og alle fuglar av ramneætti 16 og
strussen og gauken og måsen og alle haukeslag 17 og
kattula og kavfuglen og stunulven 18 og kveldknarren
og pelikanen og etslegribben 19 og storken og heidloi
med alle andre fuglar av same ætti, og herfuglen og
skinnvengja. 20 Alt krek som hev vengjer og krabbar
på marki, skal vera ein styggedom for dykk: 21 Av alt
sovore krek må de ikkje eta anna enn det som ovanfor
bakføterne hev leggjer til å hoppa på marki med. 22
Av det kann de eta dei slagi som dei kallar fljugaren
og slukaren og springaren og sprettaren. 23 Men alt
anna krek som hev vengjer og krabbar på marki, skal
vera ein styggedom for dykk. 24 No skal eg segja dykk
kva det er for dyr de vert ureine av - den som kjem
nær kroppen deira etter dei er daude, han er urein alt
til kvelds, 25 og den som hev bore på slik ein daud
kropp, lyt två klædi sine, og er urein alt til kvelds -:
26 Alle dyr som hev høver, og ikkje klauver, og som
ikkje jortar, skal vera ureine for dykk; den som kjem
nær deim, vert urein. 27 Og alle firføtte dyr som gjeng
på labbar, skal vera ureine for dykk; den som kjem
nær deim når dei er daude, han er urein alt til kvelds,
28 og den som hev bore på slikt eit daudt dyr, lyt två
klædi sine, og er urein alt til kvelds. Ureine skal dei
vera for dykk. 29 Av alle smådyr som røyver seg på
jordi er det fyrst og fremst desse som skal vera ureine

for dykk: Røysekatten og musi og alle fjorføtleslag, **30** og bustyvelen og vonden og padda og snigelen og litkvervingen. **31** Deim skal de halda for dei ureinaste av alle smådyr; den som kjem nær deim når dei er daude, er urein alt til kvelds. **32** Og alt det som dei dyri dett ned på når dei daudar, vert ureint, både trekoppar og klæde og skinn og sekkjer og kva det elles er som vert nytta i huset; det skal leggjast i vatn, og er ureint alt til kvelds; sidan er det reint. **33** Dett eit av dyri ned i ein leirkopp, so vert alt det som er i koppen ureint, og han skal slåast sund. **34** All mat som folk et, og som vert tillaga med vatn, og alt drikka som folk drikk, vert ureint, kva kjerald det er i. **35** Alt det som slik ein daud kropp dett ned i, vert ureint; er det ein bakaromn eller ei eisa, so skal dei rivast ned; dei er ureine, og skal vera ureine for dykk. **36** Berre kjeldor og brunnar som det renn vatn åt, er like reine; men den som tek i den daude kroppen som ligg der, vert urein. **37** Dett dyret ned i korn som skal vera til såfrø, so er kornet like reint, **38** men hev dei havt vatn på det, og det so dett slikt eit daudt dyr ned i, so skal kornet vera ureint for dykk. **39** Daudar noko av dei dyri som skal vera til føda for dykk, so er den som kjem nær skrotten deira urein alt til kvelds, **40** den som hev ete av kjøtet deira, lyt två klædi sine, og er urein alt til kvelds, og den som hev bore på den daude skrotten, lyt og två klædi sine og er urein alt til kvelds. **41** Alt kreket som krelar på marki, er ein styggedom, og må ikkje etast. **42** Korkje det som skrid på buken, eller det som gjeng på fire eller fleire føter, må de eta; for det er ufyse. **43** Gjer dykk ikkje sjølve ufysne med noko av det krelande kreket, og sulka dykk ikkje med det, so de vert ureine! **44** Eg, Herren, er dykkar Gud, og de skal helga dykk og vera heilage; for eg er heilag; de skal ikkje sulka dykk sjølve med noko av det kreket som krabbar på marki. **45** Kom i hug: Eg er Herren, som førde dykk ut or Egyptarlandet og vil vera dykkar Gud, og de skal vera heilage; for eg er heilag. **46** Dette er lovi um dyri og fuglarne og alt det livande som leikar i vatnet, og alle dei kvikjende som yrer på jordi, **47** so de kann skilja det reine frå det ureine, og dei dyri som kann etast frå deim, som ikkje må etast.»»

**12** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: **2** «Tala til Israels-borni og seg: «Når ei kvende kjem i barnseng og fær ein son, so skal ho vera urein i sju dagar, likso lenge som når ho hev månadstidi si. **3** Den åttande dagen skal huveholdet umskjerast på sonen. **4** Sidan skal ho halda seg heime i tri og tretti dagar, medan blodet gjeng og ho reinskast; ikkje må ho røra noko heilagt, og ikkje må ho koma til heilagdomen fyrr reinskingsdagarne hennar er lidne. **5** Fær ho eit møybarn, so vert ho vera urein i tvo vikor, som når ho hev sine eigne tider, og sidan skal ho halda seg heime i seks og seksti dagar, medan blodet gjeng og ho reinskast. **6** Når reinskingstidi er ute, anten ho hev fenge son eller dotter, so skal ho koma med eit årsgamalt lamb til brennoffer og ein duveunge eller ei turtelduva til syndoffer; det skal ho bera fram åt møtetjelddøri, og gjeva det til presten, **7** og presten skal ofra det for Herrens åsyn, og gjera soning for henne, so ho vert rein etter blødingi. Denne lovi gjeld for alle kvende som hev fenge barn, anten det er son eller dotter. **8** Men den sim ikkje hev råd til å ofra eit lamb, skal ho taka tvo turtelduvor eller tvo duveungar, den eine til brennoffer og den andre til syndoffer, og presten skal gjera soning for henne; då vert ho rein att.»»

**13** Og Herren tala atter til Moses og Aron, og sagde: **2** «Når nokon fær notror eller utbrot eller ein ljos flekk på hudi, og det synest laga seg til spillsykja på likamen hans, so skal dei koma til Aron, øvstepresten, med honom, eller til ein av dei hine prestarne, Aronssønerne. **3** Presten skal skoda dei såre flekkjerne på hudi, og dersom det synest liggja djupare enn skinnet, og håri på dei hev kvitna, so er det spillsykja, og med same presten ser det, skal han segja mannen urein. **4** Er det ein kvit sårkeflekk han hev fenge på hudi, og flekken ikkje synest liggja djupare enn skinnet, og håri på honom ikkje hev kvitna, so skal presten halda den sjuke innestengd i sju dagar. **5** Den sjuande dagen skal han sjå honom yver; tykkjer han då at sårken hev stana og ikkje breidt seg vidare ut yver hudi, so skal han halda mannen innestengd i sju dagar til. **6** Når dei er lidne, skal presten sjå honom yver ein gong til, og dersom den såre flekken hev vorte dim, og ikkje hev ete um seg på hudi, so skal han segja mannen rein; for då er det berre eit meinlaust utbrot; han skal två klædi sine, so er han rein. **7** Men et utbrotet meir og meir um seg på hudi hans etter han synte seg fram for presten og bad at han vilde segja honom rein - **8** ser presten, når den sjuke synar seg fram for honom andre venda, at utbrotet på hudi hev auka, so skal han segja honom urein; for då er det spillsykja. **9** Når ein hev fenge spillsykja, so skal dei koma til presten med honom. **10** Ser då presten kvite notror på hudi, som håri hev kvitna på, og som det gror villkjøt i, **11** So er det gamall spillsykja i hudi på likamen hans, og då skal presten segja honom urein; han treng ikkje fyrst stengja honom inne; for han er alt urein. **12** Bryt spillsykja ut so sterk at ho dekkjer heile hudi, frå hovud til fot, på den som er sjuk, kvar so presten fester augo sine - **13** ser presten, når han skodar den sjuke, at spillsykja hev breidt seg ut yver heile likamen hans, so skal han segja honom rein; er han heiltupp kvit

vorten, so er han rein. **14** Men so snøgt det syner seg
villkjøt på honom, er han urein, **15** og når presten ser
villkjøtet, skal han segja honom urein; for villkjøtet er
ureint; det er spillsykja i det. **16** Gjeng villkjøtet burt att,
og den sjuke vert kvit, so skal han koma til presten, **17**
og når presten hev skoda honom, og set at han hev
vorte kvit, so skal han segja honom rein; for då er han
rein. **18** Fær nokon ein verk, og den vert lækt, **19** men
det sidan kjem ei kvit notra eller ein bleikraud flekk
der verken hev vore, so skal han syna seg fram for
presten. **20** Presten skal sjå honom yver, og dersom
flekken synest vera lågare enn skinnet, og håri på
honom hev kvitna, so skal han segja mannen urein; for
då hev det vore spillsykja som braut ut i verken. **21**
Men ser presten at det ikkje er kvite hår på flekken, og
at han ikkje er lågare enn skinnet, og at han hev vorte
dim, so skal han halda mannen innestengt i sju dagar.
**22** Et so flekken vidare og vidare um seg på hudi
hans, so skal presten segja honom urein; då er det
sjukdom. **23** Men held flekken seg på same staden og
ikkje et seg utyver, so er det berre æret etter verken,
og då skal presten segja honom rein. **24** Hev nokon
fenge eit brunesår på hudi, og kjøtet som gror i såret
ter seg som ein bleikraud eller kvit flekk, **25** so skal
presten skoda såret. Synest då flekken liggja djupare
enn skinnet, og hev håri på honom kvitna, so er det
spillsykja som hev brote ut i brunesåret, og presten
skal segja mannen urein; det er spillsykja, det er'kje til
å taka mist av. **26** Men ser presten, når han skodar
flekken, at det ikkje er kvite hår på honom, og at han
ikkje er lågare enn skinnet, og at han er dim, so skal
han stengja mannen inne i sju dagar. **27** Den sjuande
dagen skal han sjå honom yver, og dersom flekken
hev ete um seg på skinnet hans, so skal presten segja
honom urein; då er det spillsykja. **28** Men er flekken
dim og hev halde seg på same staden og ikkje ete seg
utyver, so er det merke etter brunesåret, og presten
skal segja mannen rein; for dette er berre æret etter
brunesåret. **29** Fær mann eller kvende ein sårkeflekk
på hovudet eller i skjegget, **30** so skal presten skoda
flekken, og dersom flekken synest liggja djupare enn
skinnet, og det er tunne, grågule hår på honom, so
skal presten segja det menneskjet ureint; då er det
skurv, hår- eller skjeggsjuka. **31** Tykkjer presten som
skodar sårkeflekken, at han ikkje ligg djupare enn
skinnet, men der ikkje er svarte hår å sjå, so skal han
halda den skurvute innestengd i sju dagar. **32** Den
sjuande dagen skal han skoda den såre flekken, og
dersom skurvet ikkje hev ete seg utyver, og det ikkje
hev kome grågule hår på det, og det ikkje synest liggja
djupare enn skinnet, **33** so skal den skurvute raka seg,
men ikkje på skurveflekken, og presten skal halda
honom innestengd i sju dagar til. **34** Når då presten den
sjuande dagen skodar sårkeflekken endå ein gong, og
skurvet ikkje hev ete um seg, og ikkje synest liggja
djupare enn skinnet, so skal han segja den sjuke rein;
han skal två klædi sine, so er han rein. **35** Er det likt til
at skurvet vil eta um seg på hudi, etter den sjuke var
sagd rein, **36** so skal presten sjå på honom, og ser
han at skurvet hev breidt seg ut på skinnet hans, so
treng han ikkje leita etter dei grågule håri; mannen er
urein kor som er. **37** Men synest det for hans augo
som skurvet hev stana, og hev det grott svarte hår på
skurveflekken, so er sjukdomen lækt; den skurvute er
rein att, og presten skal segja honom rein. **38** Fær
mann eller kvende mange kvite flekkjer på likamen, **39**
so skal presten sjå deim yver. Ser han då dimme, kvite
flekker på skinnet deira, so er det bohak, som hev
brote ut på deim, og dei er like reine for det. **40** Um ein
misser håret, og vert snaud i hovudet, so er han like
rein for det. **41** Fer håret av honom framantil, so han
vert fleinskalla, so er han og like rein. **42** Men syner
det seg bleikraude sårkeflekkjer der han er snaud,
anten det er bak eller framme i hovudet, so er det
spillsykja som bryt ut i nakken eller skallen hans. **43** Då
skal presten skoda honom, og dersom han i nakken
eller skallen hans finn bleikraude sårkenotror som
likjest dei notrone ein spillsjuk kann hava på bulen,
**44** so hev sjukdomen teke honom; han er urein, og
presten skal med ein gong segja honom urein; han
hev fenge sjuken i hovudet. **45** Den som spillsykja hev
råma, lyt ganga med sundrivne klæde og uflitt hår; han
skal sveipa eit plagg kring skjegget og ropa: «Urein,
urein!» **46** Alt medan sjukdomen held honom, skal han
gjelda for urein; for urein er han. For seg sjølv skal
han bu; utanfor lægret skal han hava sitt tilhald. **47**
Kjem det åtflekkjer på eit klædeplagg, ullplagg eller
linplagg, **48** eller på ty som er vove eller bunde av lin-
eller ullgarn, eller på ler eller noko som er gjort av ler,
**49** og er flekkjerne som syner seg på klædeplagget
eller på leret eller vevnaden eller bundingen, eller på
noko som er gjort av ler, ljosgrøne eller raudvorne, so
er det spillsykja, og det skal synast for presten. **50**
Når presten hev skoda det, skal han halda det som
flekkjerne er på, innelæst i sju dagar. **51** Ser han so
den sjuande dagen at flekkjerne på klædeplagget eller
vevnaden eller bundingen eller leret, kva det so leret
er nytta til, hev ete seg vidare utyver, so er det stygg
spillsykja i flekkjerne; det som dei hev synt seg på,
er ureint, **52** og skal brennast upp, anten det er eit
klædeplagg eller vevnad eller bunding av ull eller lin,
eller noko som er gjort av ler; det fylgjer fårleg sott
med det; di skal det brennast upp i elden. **53** Ser
presten at flekkjerne på klædeplagget eller vevnaden

eller bundingen eller leret ikkje hev ete um seg, 54 so
skal han setja folk til å två det som flekkjerne hev synt
seg på, og halda det innelæst sju dagar til. 55 Når han
so skodar det etter det er tvege, og flekkjerne ikkje er
annleis å sjå til enn fyrr, so er det ureint, endå skaden
ikkje hev ete seg vidare utyver; det skal brennast upp i
elden; for det er åt i det, på ranga eller på retta. 56
Men ser han at flekkjerne på plagget, eller på leret eller
vevnaden eller bundingen, hev bleikna etter tvåtten,
so skal han skjera deim ut. 57 Kjem dei att sidan, på
klædeplagget eller vevnaden eller bundingen, eller på
noko som er gjort av ler, so er det det vonde som
bryt ut på nytt lag, og då skal ein brenna upp det som
flekkjerne hev synt seg på. 58 Men dei klædi og det
vovne og bundne tyet, og det leret som flekkjerne
gjeng burt av når ein tvær det, det skal tvåast upp att,
so er det reint. 59 Dette er lovi um åtflekkjer på ull-
eller linklæde og vevnad og bunding, og allslags ting
som er gjorde av ler, so de kann vita når sovore skal
haldast for reint, og når det skal haldast for ureint.»

**14** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «So
er dei fyresegnerne de skal fylgja når ein som
hev havt spillsykja, skal reinsast: Han skal førast fram
for presten; 3 og presten skal ganga utanfor lægret og
sjå honom yver, og dersom han er lækt for sjukdomen,
4 so skal presten segja folk til å henta tvo livande reine
fuglar og noko cedertre og karmesin og bergmynta
til den som skal reinsast, 5 og lata deim slagta den
eine fuglen uppyver eit leirfat som er fyllt med kjelde-
eller bekkjevatn. 6 So skal han taka den livande
fuglen og cedertreet og karmesinen og bergmynta, og
duppa alt saman, den levande fuglen med, i blodet
av den fuglen som er slagta yver kjeldevatnet, 7 og
skvetta det sju vendor på den som skal reinsast etter
spillsykja, og reinsa honom, og den livande fuglen
skal han lata fljuga sin veg. 8 So skal den som vert
reinsa två klædi sine, og raka av seg alt håret, og
lauga seg, so vert han rein, og sidan kann han få
koma inn i lægret; men han skal halda seg utanfor
tjeldbudi si i sju dagar. 9 Den sjuande dagen skal
han raka seg att; både hovudhåret og skjegget og
augnebrunerne, alt håret sitt, skal han raka av seg;
og han skal två klædi sine, og lauga likamen sin i
vatn. Då er han rein. 10 Den attande dagen skal han
taka tvo verlamb som ikkje hev lyte, og eit årsgamalt
lytelaust saulamb, og til grjonoffer tri kannor fint mjøl
som er blanda med olje, og so ein halvpott med olje.
11 Og presten som stend fyre reinsingi, skal føra den
som vert reinsa og alle offergåvorne hans fram for
Herrens åsyn i møtetjelddøri. 12 So skal presten taka
det eine lambet og den halve potten med olje og
bera fram til skuldoffer, og svinga det att og fram for
Herrens åsyn. 13 Lambet skal dei slagta på same
staden som dei slagtar syndofferet og brennofferet, på
den heilage staden; for skuldofferet høyrer presten
til liksom syndofferet; det er høgheilagt. 14 So skal
presten taka noko av skuldofferblodet og strjuka på
den høgre øyresnippen åt den som vert reinsa, og
på den høgre tumarsfingeren og den høgre tumarståi
hans; 15 og han skal taka noko av den halve potten
olje og hella ut i den vinstre handi si, 16 og so duppa
den høgre peikefingeren i oljen som han hev i vinstre
handi, og skvetta med fingeren av oljen sju gonger for
Herrens åsyn. 17 Noko av den oljen som er att i handi
hans, skal han strjuka på den høgre øyresnippen åt
den som vert reinsa, og på den høgre tumarsfingeren
og den høgre tumarståi hans, yver skuldofferblodet. 18
Og det som endå er att i handi hans av oljen, skal han
strjuka på hovudet åt den som vert reinsa. Soleis skal
presten gjera soning for honom for Herrens åsyn. 19
So skal presten bera fram syndofferet, so den som
vert reinsa kann få soning for det som var ureint ved
honom, og sidan skal han slagta brennofferet. 20 Når
då presten hev bore fram brennofferet og grjonofferet
på altaret, og fullført soningi for honom, so er han rein
att. 21 Men er det ein fatig mann som ikkje hev råd
til so mykje, so skal han taka eit lamb til skuldoffer -
det skal svingast att og fram til soning for honom -
og ei kanna fint mjøl, blanda med olje, til grjonoffer,
og ein halv pott med olje, 22 og so tvo turteldu vor
eller duveungar, det som han hev råd til; den eine
skal vera syndoffer, og den andre brennoffer. 23 Den
åttande dagen etter han hev vorte rein, skal han bera
offergåvorne fram for Herrens åsyn til møtetjelddøri,
og gjeva deim til presten. 24 Og presten skal taka
skuldofferlambet og oljen og svinga det att og fram for
Herrens åsyn. 25 Når skuldofferlambet er slagta, skal
presten taka noko av skuldofferblodet og strjuka på
den høgre øyresnippen åt den som vert reinsa, og
på den høgre tumarsfingeren og den høgre tumarståi
hans. 26 So skal han hella noko av oljen ut i den
vinstre handi si 27 og med den høgre peikefingeren
skvetta sju vendor for Herrens åsyn av oljen som han
hev i vinstre handi. 28 Noko av den oljen som presten
hev i vinstre handi, skal han strjuka på den høgre
øyresnippen åt den som vert reinsa, og på den høgre
tumarsfingeren og den høgre tumarståi hans, yver
skuldofferblodet, 29 og det som endå er att av oljen
som presten hev i handi, skal han strjuka på hovudet
åt den som vert reinsa, so han kann finna nåde hjå
Herren. 30 So skal han bera fram turteldu vorne eller
duveungarne, det som han hadde råd til å gjeva, 31
den eine til syndoffer og den andre til brennoffer, og i
hop med deim grjonofferet. Soleis skal presten gjera

soning framfor Herrens åsyn for den som skal reinsast.
32 Dette er dei fyresegnerne de skal fylgja når ein
som hev liti råd, skal reinsast etter spillsykja.» 33
Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 34 «Når
de kjem inn i Kana'ans-landet, som eg gjev dykk til
eiga, og eg let det koma spillsykja på noko av husi i
landet dykkar, 35 so skal huseigaren koma og segja
frå til presten, at det hev synt seg flekkjer som likjest
spillsykja på huset hans. 36 Då skal presten setja deim
til å rydja utor huset innan han kjem og skodar skaden,
so ikkje alt som er der, skal verta ureint, og so skal
han koma og skoda huset. 37 Ser han då at flekkjerne
på husveggjerne ter seg som grøngule eller raudvorne
sukkor, og synest liggja djupare enn veggflata, 38 so
skal han ganga til døri og ut or huset, og halda det
læst i sju dagar. 39 Den sjuande dagen skal presten
koma att og sjå etter, og ser han då at skaden hev ete
um seg på husveggjerne, 40 so skal han setja folk til å
brjota ut dei steinarne som flekkjerne hev synt seg på,
og kasta deim på ein urein stad utanfor byen. 41 Dei
skal skrapa huset innantil, rundt ikring, og leiret som
dei hev skrapa av, skal dei og føra burt og kasta på ein
urein stad utanfor byen. 42 Og so skal dei taka andre
steinar og setja inn i staden for dei gamle, og nytt leir
skal dei taka og klina huset med. 43 Bryt det vonde ut
att på huset, etter steinarne er uttekne, og huset er
skrapa og klint, 44 so skal presten koma og sjå etter,
og ser han då at skaden hev ete um seg, so er det
stygg spillsykja på huset; det er ureint, 45 og dei skal
riva det ned, både steinarne og timberet og alt leiret,
og føra det ut or byen, til ein urein stad. 46 Den som
gjeng inn i huset dei dagarne det er attlæst, han vert
urein alt til kvelds. 47 Den som hev lege i huset, skal
två klædi sine, og det same skal den som hev ete der.
48 Ser presten, når han kjem og skodar huset, at dei
stygge flekkjerne ikkje hev ete um seg etter det vart
klint, so skal han segja huset reint; for då er det vonde
burte. 49 So skal han til syndoffer for huset taka tvo
fuglar og noko cedertre og karmesin og bergmynta. 50
Den eine fuglen skal han slagta yver eit leirfat som er
fyllt med kjelde- eller bekkjevatn, 51 og so skal han
taka cedertreet og bergmynta og karmesinen og den
livande fuglen, og duppa det i blodet av den fuglen
som er slagta, og i kjeldevatnet, og skvetta på huset
sju vendor. 52 Når han då hev reinsa huset for synd
med fugleblodet og kjeldevatnet og den livande fuglen
og cedertreet og bergmynta og karmesinen, 53 so
skal han sleppa den livande fuglen ut or byen og lata
honom fljuga. Soleis skal han gjera soning for huset,
so det vert reint. 54 So er fyresegnerne um allslags
spillsykja, og um skurv, 55 og um åtflekkjer på klæde
og hus, 56 og um notror og utbrot og ljose flekkjer på
hudi, 57 so de kann vita når noko er ureint, og når det
er reint.» Dette var lovi um spillsykja.

15 Og Herren tala atter til Moses og Aron, og sagde:
2 «Tala til Israels-borni og seg til deim: «Når ein
mann hev sådflod, so er han urein. 3 So lenge flodi
varer, fylgjer det ureinskap med honom, og det anten
likamen gjev væta frå seg jamt eller stundom held
henne inne; i både høve er han urein. 4 Kvar lega han
ligg på og kvar sess han sit på, vert urein. 5 Den som
kjem nær lega hans, lyt två klædi sine og lauga seg,
og er urein alt til kvelds. 6 Og den som set seg på
noko han hev sete på, lyt og två klædi sine og lauga
seg, og er urein alt til kvelds. 7 Like eins den som kjem
nær den sjuke sjølv; han lyt två klædi sine og lauga
seg, og er urein alt til kvelds. 8 Kjem den sjuke til å
sputta på ein som er rein, so lyt den han hev sputta på
två klædi sine og lauga seg, og er urein alt til kvelds. 9
Kvar sal og kvart vognsæte som den sjuke sit på, vert
ureint. 10 Den som kjem nær noko av det han hev
under seg, vert urein alt til kvelds, og den som ber
det burt, lyt två klædi sine og lauga seg, og er urein
alt til kvelds. 11 Tek den sjuke burtpå nokon, og ikkje
fyrst hev skylt henderne sine i vatn, so lyt den han
hev teke burtpå två klædi sine og lauga seg, og er
urein alt til kvelds. 12 Kjem den sjuke nær eit leirfat, so
skal det slåast sund; men er det eit trefat, so skal det
skyljast i vatn. 13 Når den sjuke hev kome seg av flodi,
skal han telja sju dagar fram frå di han vart god att; då
skal han två klædi sine, og lauga likamen sin i kjelde-
eller bekkjevatn, so er han rein. 14 Den åttande dagen
skal han taka tvo turtelduvor eller tvo duveungar, og
ganga fram i møtetjelddøri for Herrens åsyn, og gjeva
deim til presten, 15 og presten skal ofra deim, den
eine til syndoffer, og den andre til brennoffer. Soleis
skal presten gjera soning for honom for Herrens åsyn,
so han vert rein att etter sjukdomen. 16 Når det gjeng
såd frå ein mann i svevne, so skal han lauga heile
likamen sin i vatn, og han er urein alt til kvelds. 17 Og
alle klæde eller skinnplagg som sådet hev kome på, lyt
tvåast vel, og er ureine alt til kvelds. 18 Ligg ein mann
hjå eit kvende, og det gjeng såd frå honom, so lyt dei
båe lauga seg, og vera ureine alt til kvelds. 19 Når
eit kvende hev månadstidi si, og det gjeng blod frå
henne, so er ho urein i sju dagar, og den som kjem
nær henne, er urein alt til kvelds. 20 Alt ho ligg eller
sit på medan ho hev det soleis, vert ureint. 21 Den
som kjem nær lega hennar, lyt två klædi sine og lauga
seg, og er urein alt til kvelds. 22 Og den som kjem
nær noko av det ho hev sete på, lyt og två klædi sine
og lauga seg, og er urein alt til kvelds. 23 Ligg det
eitkvart i sengi eller i sessen hennar, og nokon kjem
nær det, so er han urein alt til kvelds. 24 Og dersom

ein mann ligg med henne, og det kjem blod på honom,
so vert han og urein i sju dagar, og alt det han ligg
på, vert ureint. 25 Når det gjeng blod frå eit kvende i
mange dagar på ei tid som ho ikkje hev månadssjuken
sin, eller når blodet gjeng frå henne lenger enn vanleg
i månadstidi, so er ho urein so lenge denne ureine
flodi varer, liksom når ho hev månadssjuken. 26 Um
alt det ho ligg på medan ho hev blodflod, gjeld det
same som er sagt um lega hennar det bil ho hev
månadssjuken, og alt ho sit på, vert ureint, som når ho
hev månadssjuken. 27 Den som kjem nær det, vert
urein; han lyt två klædi sine og lauga seg, og er urein
alt til kvelds. 28 Vert ho god att av blodflodi, so skal ho
telja sju dagar fram; so er ho rein. 29 Og den åttande
dagen skal ho taka tvo turtelduvor eller tvo duveungar
og bera åt møtetjelddøri, til presten, 30 og presten
skal ofra deim, den eine til syndoffer, og den andre til
brennoffer. Soleis skal presten gjera soning for henne
for Herrens åsyn, so ho vert rein att etter sjukdomen.
31 De skal vara Israels-borni for det som kann gjera
deim ureine, so dei ikkje skal sulka bustaden min, som
eg hev reist millom deim, og lata livet for ureinska si.
32 Dette er lovi um deim som hev flod: um menner som
det gjeng såd frå, so dei vert ureine, 33 og um kvende
som hev månadstidi si, og um folk som er flodsjuke,
både menner og kvende, og um menner som ligg med
ureine kvende.»»

**16** Då dei tvo Arons-sønerne var slokna, dei som
laut døy for di dei gjekk fram for Herrens åsyn,
då tala Herren til Moses, 2 og sagde til honom: «Seg
med Aron, bror din, at han ikkje må ganga inn i
heilagdomen, innanfor forhenget og fram åt kista med
kerubarne, kva tid han vil; då kunde han missa livet;
for uppyver kerubarne syner eg meg i skyi. 3 Soleis lyt
Aron vera budd når han skal ganga inn i heilagdomen:
Han skal hava med seg ein ung ukse til syndoffer og
ein ver til brennoffer. 4 Og han skal klæda seg i ein
vigd linkjole, og hava ei linbrok på seg næst kroppen,
og binda eit linbelte kring livet, og sveipa eit linplagg
kring hovudet; vigde klæde lyt det vera, og fyrr han
tek deim på seg, skal han lauga likamen sin i vatn.
5 Og av Israels-lyden skal han få tvo geitebukkar til
syndoffer og ein ver til brennoffer. 6 So skal Aron leida
fram syndofferuksen sin, og beda for seg og huset sitt.
7 Og han skal taka båe bukkarne, og leida deim fram
for Herrens åsyn i møtetjelddøri. 8 Og han skal draga
strå um bukkarne, eit for Herren og eit for Azazel. 9
Og den bukken som fell på Herrens lut, skal han leida
fram og ofra til syndoffer. 10 Men den som fell på
Azazels lut, skal leidast livande fram for Herrens åsyn,
og dei skal lesa bøner yver honom, og senda honom
ut i øydemarki til Azazel. 11 Når Aron hev leidt fram
syndofferuksen sin, og bede for seg og huset sitt, so
skal han fyrst slagta uksen, 12 og so skal han fylla
glodfatet sitt med gløder frå altaret der elden brenn
for Herrens åsyn, og taka tvo nevar med finstøytt,
angande røykjelse og bera innanfor forhenget, 13 og
han skal leggja røykjelsen på elden for Herrens åsyn,
so røyken gøymer lovtavlekista med kerubarne; elles
lyt han døy. 14 So skal han taka noko av ukseblodet og
skvetta med fingeren fremst på kisteloket mot aust, og
framanfor kista skal han skvetta med fingeren av blodet
sju gonger. 15 So skal han slagta den bukken som
er etla til syndoffer for folket, og bera blodet innanfor
forhenget, og gjera med det som han gjorde med
blodet av uksen: skvetta det på kisteloket og framanfor
kista. 16 Soleis skal han gjera soning for heilagdomen,
og reinsa honom for dei broti som Israels-borni hev
sulka honom med kvar gong dei hev synda, og det
same skal han gjera med heile møtetjeldet, som er
reist millom deim, midt i ureinskalpen deira. 17 Og det
må ikkje finnast noko menneskje i møtetjeldet frå Aron
gjeng inn og skal halda bøn i heilagdomen, og til han
kjem ut att og hev gjort soning for seg og for huset sitt
og for heile Israels-lyden. 18 So skal han ganga ut til
altaret, som er reist for Herrens åsyn, og gjera soning
for det: Han skal taka noko av ukseblodet og noko av
bukkeblodet og strjuka rundt ikring på altarhorni, 19 og
skvetta med fingeren av blodet på altaret sju gonger,
og reinsa det for den sauren som Israels-borni hev
sulka det med, og helga det. 20 Når Aron hev fullført
soningi for heilagdomen og møtetjeldet og altaret, so
skal han leida fram den livande bukken, 21 og leggja
henderne på hovudet hans, og skrifta uppyver honom
alle dei brot og misgjerningar Israels-folket hev gjort
so ofte dei hev synda, og leggja deim på hovudet åt
bukken, og so senda honom ut i øydemarki med ein
mann som stend reidug. 22 Og bukken skal bera alle
broti deira med seg til eit land som ligg langt, langt
av leid. Når Aron hev sendt bukken ut i øydemarki,
23 skal han ganga inn i møtetjeldet, og taka av seg
linklædi som han hadde på seg då han gjekk inn i
heilagdomen, og gøyma deim der. 24 So skal han
lauga likamen sin i vatn på ein heilag stad, og klæda
seg i den vanlege bunaden sin, og so ganga ut att, og
ofra brennofferet sitt og brennofferet for folket, og gjera
soning for seg og for deim. 25 Og feittet av syndofferet
skal han brenna på altaret, so røyken stig upp mot
himmelen. 26 Den som hev leidt bukken burt til Azazel,
lyt två klædi sine og lauga likamen sin i vatn; då fyrst
kann han få koma inn i lægret. 27 Uksen og bukken
som vart slagta til syndoffer, og som dei tok blodet av
og bar inn i heilagdomen til soning, skal dei føra ut
or lægret, og brenna både skinni og kjøtet og møki.

28 Den som brenner det, lyt två klædi sine og lauga
likamen sin i vatn; sidan kann han koma inn i lægret.
29 Og dette skal vera ei æveleg lov hjå dykk: Den
tiande dagen i den sjuande månaden skal de fasta
og ikkje gjera noko slag arbeid, korkje den som er
fødd og boren i landet, eller den framande som held
til hjå dykk. 30 For den dagen skal dei gjera soning
for dykk, og reinsa dykk for alle synderne dykkar, so
de vert reine for Herren. 31 Ei høgtidshelg skal det
vera for dykk, og då skal de fasta; det skal vera ei
æveleg lov. 32 Den som skal standa for soningi, er
presten, han som hev vorte salva og sett til å styra
preste-embættet etter far sin. Han skal klæda seg i dei
heilage linklædi, 33 og gjera soning for det høgheilage
romet og møtetjeldet og altaret; og prestarne og heila
ålmugen skal han og gjera soning for. 34 Det skal vera
ei æveleg lov hjå dykk, at dei ein gong um året skal
gjera soning for Israels-borni og reinsa deim for alle
synderne deira.» Og Aron gjorde som Herren hadde
sagt til Moses.

**17** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Tala
til Aron og sønerne hans og til heile Israels-folket,
og seg med deim: «Høyr no kva Herren vil de skal
gjera: 3 Er det nokon mann av Israels-ætti som slagtar
ein ukse eller ein sau eller ei geit anten i eller utanfor
lægret, 4 og ikkje leider deim fram til møtetjelddøri og
ofrar Herren ei gåva framfor bustaden hans, so skal
den mannen reknast jamgod med ein dråpsmann; han
hev rent ut blod og skal rydjast ut or folket sitt. 5 Difor
skal Israels-borni koma til Herren med slagtofferi sine
som dei er vane å slagta ute på marki, og leida deim
fram åt møtetjelddøri, til presten, og slagta deim til
takkoffer åt Herren. 6 Og presten skal sprøyta blodet
yver Herrens altar som stend framanfor møtetjelddøri,
og brenna feittet til godange for Herren. 7 Og dei skal
ikkje lenger gjeva offeri sine til dei raggute trolli som
dei flyg etter. Dette skal vera ei æveleg lov for deim
og etterkomarane deira.» 8 Og dette skal du segja
med deim: «Dersom nokon av Israels-ætti, eller av dei
framande som bur millom deim, ber fram eit brennoffer
eller slagtoffer, 9 og ikkje kjem til møtetjelddøri med
det og ofrar det til Herren, so skal den mannen rydjast
ut or folket sitt. 10 Og dersom nokon av Israels-ætti,
eller av dei framande som bur millom deim, et aldri so
lite blod, so skal eg kvessa augo imot den mannen, og
rydja honom ut or folket hans. 11 For livet i likamen ligg
i blodet, og eg hev gjeve dykk lov til å hava blod på
altaret til soning for livet dykkar. For blodet det sonar
av di livet ligg i det. 12 Difor segjer eg til Israels-borni:
Ingen av dykk må eta blod; dei framande som bur hjå
dykk, må heller ikkje gjera det. 13 Og når nokon av
Israels-borni, eller av dei framande som bur millom
deim, veider villdyr eller fuglar som dei hev lov til å eta,
so skal han lata blodet renna ut på marki og hava jord
yver det. 14 For livet i likamen, det er blodet med livet
som ligg i det; difor hev eg sagt til Israels-folket: De
må ikkje eta blodet av noko kvikjende! For livet i kvart
kvikjende, det er blodet som er i det; kven som et det,
han skal rydjast ut. 15 Hev nokon mann, anten han
er fødd i landet eller han er framand, ete av eit dyr
som er sjølvdaudt eller ihelrive, so skal han två klædi
sine og lauga seg, og er urein alt til kvelds; sidan er
han rein. 16 Tvær han ikkje klædi sine og ikkje laugar
likamen sin, so gjer han ei synd som han lyt lida for.»»

**18** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2
«Tala til Israels-folket, og seg med deim: «Eg
er Herren, dykkar Gud. 3 De skal ikkje fara etter det
som er skikk og sed i Egyptarlandet, der de fyrr budde,
eller i Kana'ans-landet, som eg fører dykk til, og ikkje
fylgja loverne deira. 4 Mine bod skal de lyda, og mine
lover skal de halda dykk etter og fylgja. Eg er Herren,
dykkar Gud; 5 de skal halda bodi og loverne mine; held
menneskja deim, so skal ho finna livet i deim. Kom i
hug: eg er Herren. 6 Ingen av dykk må koma innåt
noko nærskyldt kvende og søkja seng med henne;
kom i hug: eg er Herren. 7 Du skal hava age for lega
åt far din og mor di. Ho er mor di; du skal ikkje søkja
seng med henne. 8 Du skal ikkje søkja seng med
stykmor di; ho er vivet åt far din. 9 Du skal ikkje søkja
seng med syster di, som hev same far eller same mor
som du; anten ho er fødd i eller utanfor huset, so skal
du ikkje søkja seng med henne. 10 Du skal ikkje søkja
seng med sonedotter eller dotterdotter di; for det er
ditt eige avkjøme. 11 Du skal ikkje søkja seng med
dotter åt stykmor di; ho er dotter åt far din, og ho er
syster di. 12 Du skal ikkje søkja seng med farsyster
di; det er same blodet som far din. 13 Du skal ikkje
søkja seng med morsyster di; det er same blodet som
mor di. 14 Du skal ikkje skjemma lega åt farbror din
og koma kona hans for nær; for ho er farsyster di. 15
Du skal ikkje søkja seng med verdotter di. Ho er vivet
åt son din; du skal ikkje søkja seng med henne. 16
Du skal ikkje søkja seng med brorkona di; ho er vivet
åt din eigen bror. 17 Hev du havt samlega med et
kvende, so skal du ikkje søkja seng med dotter hennar;
heller ikkje skal du ganga i seng med sonedotter eller
dotterdotter hennar. Det er blodskam; for dei er same
folket. 18 Du skal ikkje gifta deg med versyster di og
søkja seng med henne, medan kona di liver; for då
set du hat millom deim. 19 Du skal ikkje koma innåt
noko kvende og søkja seng med henne, medan ho
hev månadssjuken sin og er urein. 20 Du skal ikkje
liggja hjå kona åt grannen din og på den måten gjera
deg urein. 21 Du skal ikkje gjeva noko av borni dine

frå deg til Molok; for då vanhelgar du namnet åt din
Gud. Eg er Herren! 22 Du skal ikkje liggja hjå ein kar,
som ein ligg med eit kvende; det er ein styggedom. 23
Med dyr må du aldri blanda deg; for då vert du urein.
Og heller ikkje må kvende gjeva seg i lag med dyr
og para seg med deim. Det er skjemdarferd. 24 Gjer
dykk ikkje ureine med sovori åtferd! For slikt var det
dei gjorde seg ureine med, dei folki som eg driv ut for
augo dykkar; 25 då vart landet ureint, og eg heimsøkte
det for broti deira, og landet støytte deim ut. 26 Men
de skal halda bodi og loverne mine, både de sjølve og
dei framande som bur millom dykk; de skal ikkje gjera
noko av dei skjemdarverki 27 som dei sulka ut landet
med, dei som åtte det fyre dykk; 28 for då kjem landet
til å støyta dykk ut, for di de sulkar det til, liksom det
støytte ut det folket som var der fyre dykk. 29 For alle
dei som gjer slike skjemdarverk, dei skal rydjast ut or
folket sitt. 30 So haldt då dei bodi eg hev gjeve dykk,
og tak ikkje etter dei fæle ugjerderne som dei hadde,
dei som var fyre dykk; for med det gjer de dykk ureine:
Kom i hug: eg er Herren, dykkar Gud!»»

**19** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Tala
til heile Israels-lyden, og seg til deim: «De skal
vera heilage; for eg, Herren, dykkar Gud, er heilag. 3
De skal hava age for mor og far, og halda helgarne
mine. Kom i hug: eg er Herren, dykkar Gud! 4 De
skal ikkje venda dykk til avgudarne, og ikkje gjera
dykk støypte gudar! Eg, Herren, er dykkar Gud. 5
Når de ofrar eit takkoffer til Herren, skal de gjera det
soleis at han kann hava hugnad av dykk. 6 De skal
eta kjøtet same dagen som de ofrar, eller og dagen
etter; men det som er att tridje dagen, skal de kasta på
elden. 7 Den tridje dagen skal det haldast for utskjemt
og ureint; et nokon av det då, so hev Herren ingen
hugnad i offeret, 8 og den som et av det, gjer ei synd
som han lyt lida for: han vanhelgar det som er vigt
åt Herren, og han skal rydjast ut or folket sitt. 9 Når
de haustar kornet av åkrarne dykkar, so skal du ikkje
skjera for vel utåt reini, og det som vert liggjande att
etter skurden, skal du ikkje plukka upp. 10 Heller ikkje
skal du sanka dei bæri som er att på trei etter du hev
hausta vinhagen din, eller henta upp deim som er
neddotne. Deim skal du lata vera att til dei fatige og
framande. Kom i hug: eg er Herren, dykkar Gud. 11
De skal ikkje stela, og de skal ikkje dylja burt det som
de hev i varveitsla, og de skal ikkje svika kvarandre.
12 De skal ikkje sverja på lygn i namnet mitt; for då
vanhelgar de namnet åt dykkar Gud. Kom i hug: eg
er Herren. 13 Du skal ikkje gjera urett mot grannen
din, og ikkje rana ifrå honom. Det ein dagarbeidar skal
hava i løn, må ikkje verta liggjande hjå deg natti yver.
14 Du skal ikkje banna den som dauv er, og ikkje leggja
mein i vegen for den som er blind. Du skal hava age
for din Gud; eg er Herren! 15 De skal ikkje gjera urett
mot nokon på tinget; ikkje skal du halda med ein mann
for di han er fatig, og ikkje skal du snilda på saki hans
for di han er rik; rettferdigt skal du døma landsmannen
din. 16 Du skal ikkje ganga ikring og baktala folk. Du
skal ikkje leggja deg ut um å få grannen din dømd frå
livet. Kom i hug: eg er Herren! 17 Du skal ikkje bera
hat til bror din i hjarta; men du må vel tala honom til
rettes, so du ikkje skal bera synd for hans skuld. 18 Du
skal ikkje hemna deg og ikkje bera agg til nokon av
landsfolket ditt, men du skal vilja grannen din likso vel
som deg sjølv. Kom i hug: eg er Herren. 19 De skal
halda loverne mine! Du skal ikkje lata tvo dyr av ulikt
slag para seg. Du skal ikkje så åkeren din med tvo
ulike kornslag. Du skal ikkje ganga med klæde som
er vovne av tvo ulike garnslag. 20 Når ei kvinna er
i tenesta hjå ei mann som ho er trulova med, men
ikkje er utløyst eller frigjevi, og so ein annan mann
ligg med henne og skjemmer henne, so skal ein fylgja
deim med retten, men dei skal ikkje straffast på livet,
etter di ho ikkje var fri kvinna. 21 Han skal til bot for
brotet sitt koma til møtetjelddøri med ein ver, som skal
vera skuldoffer åt Herren, 22 og når presten hev gjort
soning for honom hjå Herren med skuldofferveren, skal
han få tilgjeving for den syndi han hev gjort. 23 Når
de kjem åt landet dykkar, og plantar allslags frukttre,
so skal de halda den fyrste frukti dei ber for urein; tri
år skal trei vera ureine for dykk, og de må ikkje eta
frukti deira. 24 Det fjorde året skal all frukti vigjast åt
Herren med ei takkehøgtid. 25 Fyrst i det femte året
må de eta frukti deira, so skal dei bera so mykje meir
åt dykk sidan. Kom i hug: eg er Herren, dykkar Gud!
26 De må ikkje eta noko med blodet i. De skal ikkje
fara med spådoms- eller trollkunster. 27 De skal ikkje
rundklyppa håret dykkar, og ikkje stytta skjegget. 28
De skal ikkje skjera dykk i holdet av sorg yver ein
som er avliden, og ikkje brenna inn bokstaver eller
bilæte på likamen dykkar. Kom i hug: eg er Herren!
29 Du skal ikkje vanhelga dotter di, og lata henne
verta skjøkja, so folket vert usedugt og landet fullt av
ulivnad. 30 De skal halda helgarne mine, og hava age
for heilagdomen min. Eg er Herren. 31 Gakk ikkje til
deim som manar fram draugar og spåvette! Lat deim
ikkje spå dykk; for med de gjer de dykk ureine. Kom i
hug: eg er Herren, dykkar Gud! 32 For dei grå håri skal
du reisa deg og æra den som gamall er; du skal hava
age for din Gud. Kom i hug: eg er Herren. 33 Når ein
framand bur hjå deg og held til i landet dykkar, so skal
de ikkje vera hard med honom; 34 han skal vera for
dykk som ein av landsmennerne dine, og du skal vilja
honom likso vel som deg sjølv; for de var og framande

i Egyptarlandet. Kom i hug: eg er Herren, dykkar Gud!
35 De skal ingen urett gjera, korkje på ting eller torg;
rett famn og rett aln, 36 rett vegt og rette lodd, rett
skjeppa og rett kanna skal de bruka. Eg er Herren,
dykkar Gud, som fylgde dykk ut or Egyptarlandet. 37
Agta vel på alle loverne og retterne mine, og liv etter
deim! Kom i hug: eg er Herren!»»

20 Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Seg
til Israels-folket: «Hender det at nokon av Israels-
mennerne, eller av dei framande som held til i Israel,
gjev noko av borni sine frå seg til Molok, so skal han
lata livet: landslyden skal steina honom i hel. 3 Og eg
vil kvessa augo mot den mannen, og rydja honom ut or
folket hans, for di han hev gjeve Molok barnet sitt og
sulka heilagdomen min og vanhelga mitt heilage namn:
4 um landslyden let att augo og ikkje læst sjå at han
gjev barnet sitt til Molok, og ikkje drep honom, 5 so vil
eg kvessa augo mot honom og mot ætti hans, og rydja
honom ut or folket hans, både honom og alle deim
som fylgjer i fotfaret hans, og held seg med Molok.
6 Gjeng nokon til deim som manar fram draugar og
spåvette, og held seg med deim, so vil eg kvessa augo
mot honom og rydja honom ut or folket hans. 7 De skal
helga dykk og vera heilage; for eg, Herren, er dykkar
Gud. 8 Agta vel på loverne mine, og liv etter deim!
Kom i hug: eg er Herren, som helgar dykk! 9 Den som
bannar far sin og mor si, han skal lata livet. Han hev
banna far og mor: blodet hans kjem på honom sjølv.
10 Den som held seg med ei gift kona, med kona åt
grannen sin, han skal lata livet, både han og den kona
han hev halde seg med. 11 Ligg nokon med stykmor si,
so skjemmer han æra åt far sin; dei skal båe lata livet,
og blodet deira kjem på deim sjølve. 12 Ligg nokon hjå
sonekona si, so skal dei båe lata livet. Dei hev gjort eit
skjemdarverk, og blodet deira kjem på deim sjølve. 13
Ligg nokon hjå ein kar, som ein ligg hjå eit kvende,
so gjer dei båe ei stygg gjerning; dei skal lata livet;
blodet deira kjem på deim sjølve. 14 Tek nokon både
mor og dotter til kona, so er det blodskam; dei skal
brennast på bål, både han og dei; sovori sedløysa må
ikkje finnast hjå dykk; 15 Blandar nokon seg med eit
dyr, so skal han lata livet, og dyret skal de drepa. 16
Og held ei kvinna seg innåt eit dyr og parar seg med
det, so skal de slå i hel både kvinna og dyret. Dei som
gjer slikt, skal lata livet, og blodet deira kjem på deim
sjølve. 17 Tek nokon syster si, som hev same far eller
same mor som han, og søkjer seng med henne, og ho
med honom, so er det blodskam, og dei skal rydjast ut
for augo åt landslyden. Han hev søkt seng med syster
si: han lyt lida for brotet sitt. 18 Ligg nokon med ei
kvinna medan ho hev månadssjuken sin, og nækjer
blygsli hennar, tek han dekkjet av kjelda hennar, og ho
nækjer blodkjelda si, so skal dei båe rydjast ut or folket
sitt. 19 Du skal ikkje søkja seng med morsyster eller
farsyster di; den som det gjer, skjemmer si eigi ætt:
dei lyt lida for brotet sitt. 20 Ligg nokon hjå kona åt
farbror sin, so vanærar han farbror sin: dei lyt lida for
syndi si, og skal døy barnlause. 21 Gifter nokon seg
med brorkona si, so er det ei skam; han hev vanæra
bror sin: dei skal ikkje få born. 22 So lyd då alle bodi
og alle loverne mine, og liv etter deim, so landet ikkje
skal støyta dykk ut att, det landet som eg fører dykk
til og vil lata dykk bu i! 23 Far ikkje etter skikkarne
åt det folket som eg jagar ut for dykkar skuld! Dei
gjorde alt dette; då fekk eg stygg til deim, 24 og eg
sagde til dykk: De skal få landet deira, eit land som
fløymer med mjølk og honning; eg vil gjeva dykk det til
eiga, eg, Herren, dykkar Gud, som hev skilt dykk ut frå
alle andre folk. 25 Difor skal de skilja millom reine og
ureine dyr og reine og ureine fuglar, og ikkje gjera dykk
sjølve ufysne med å eta dei dyri eller fuglarne eller
noko av det kreket som eg hev skilt ut, og sagt de skal
halda for ureine. 26 De skal vera meg heilage; for eg,
Herren, er heilag, og eg hev skilt dykk ut frå alle andre
folkeslag, so de skal høyra meg til. 27 Er det nokon
mann eller noko kvende som fer med å mana fram
draugar eller spåvette, so skal dei lata livet: dei skal
steinast i hel, og blodet deira kjem på deim sjølve.»»

21 Og Herren sagde til Moses: «Tala til prestarne,
Arons-sønerne, og seg med deim: «Ein prest må
ikkje gjera seg urein for landsmennerne sine med å
røra noko lik, 2 minder det er ein av hans næmaste
skyldfolk, anten mor eller far eller son eller dotter eller
bror, 3 eller ei syster som var møy og endå høyrde til
ætti, med di ho ikkje var burtgift; henne kann han koma
nær, um ho ligg lik; 4 men ei som var gift kona, må han
ikkje røyva; for då gjer han seg urein for landsfolket
sitt, og vanhelgar seg. 5 Prestane må ikkje raka seg
snaude i kruna, og ikkje stytta skjegget sitt, og ikkje
skjera seg i holdet. 6 Heilage skal dei vera for sin Gud,
dei må ikkje vanhelga namnet hans; for det er dei som
ber fram eldofferi åt Herren, maten åt deira Gud; di skal
dei vera heilage. 7 Ingen av deim må gifta seg med ei
skjøkja eller ei kvinna som er utskjemd, heller ikkje
med ei som er skild frå mannen sin; heilag skal presten
vera for sin Gud, 8 og du skal halda honom heilag; for
det er han som ber fram maten åt din Gud: heilag skal
han vera deg; for eg er heilag, eg, Herren, som helgar
dykk. 9 Og dersom ei prestedotter skjemdar seg med
ulivnad, so vanhelgar ho far sin: ho skal brennast på
bål. 10 Den presten som er yver alle brørne sine, han
som fær salvingsoljen på hovudet sitt, og vert vigd
til øvsteprest og klædd i den heilage bunaden, han

må ikkje ganga med uflitt hår, og ikkje riva sund klædi
sine. 11 Han må ikkje ganga inn til noko lik; ikkje far
eller mor di heller må han koma nær, etter dei hev
andast; for då vert han urein. 12 Han må ikkje ganga
ut or det heilage huset, so han vanhelgar heilagdomen
åt sin Gud; for vigsla av Guds salvingsolje er yver
honom. Eg er Herren! 13 Han skal taka ei rein møy
til kona. 14 Ei enkja, eller ei kvinna som er fråskild
eller utskjemd, eller ei skjøkja, slik ei må han aldri gifta
seg med. Berre ei møy av folket sitt må han egta; 15
elles vanhelgar han ætti si millom folket. Kom i hug:
det er eg, Herren, som hev helga honom!»» 16 Og
Herren tala meir til Moses, og sagde: 17 «Tala til Aron
og seg: «Er det nokon av ætti di no eller i komande
tider, som hev eit lyte, so må han ikkje ganga innåt og
bera fram maten åt sin Gud. 18 Ingen som det er noko
lyte på, må ganga innåt, ingen som er blind eller halt
eller haremynt, eller hev ein vanskapt lem 19 eller ein
broten fot eller arm, 20 eller som er krylryggja eller
skinnturr, eller som hev ein kvit flekk på augnesteinen,
eller hev skabb eller gardorm eller slit i pungarne. 21
Ingen etterkomar av Aron, presten, som hev noko lyte,
må ganga innåt og bera fram eldofferi åt Herren; det
er lyte på honom: han må ikkje ganga innåt og bera
fram maten for sin Gud. 22 Han må nok eta av retterne
åt sin Gud, både dei høgheilage og dei heilage; 23
men etter di det er lyte på honom, må han ikkje ganga
fram til forhenget, og ikkje koma innåt altaret; for då
vanhelgar han heilagdomarne mine. Kom i hug: det
er eg, Herren, som hev helga deim.»» 24 Og Moses
sagde alt dette til Aron og sønerne hans og til heile
Israels-lyden.

**22** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Seg
til Aron og sønerne hans at dei lyt sjå seg vel
fyre med dei heilage gåvorne som Israels-folket vigjer
åt meg, so dei ikkje vanhelgar mitt heilage namn. Eg er
Herren! 3 So skal du segja med deim: «Dersom nokon
av ætti dykkar, no eller i framtidi, røyver dei heilage
gåvorne som Israels-folket vigjer åt Herren, medan det
er noko ureint på honom, so skal han rydjast burt or
augnesyni mi. Kom i hug: eg er Herren! 4 Ingen av
etterkomarane hans Aron som er spillsjuk eller hev
sådflod, må eta av dei vigde gåvorne, fyrr han er rein
att. Kjem ein av deim nær nokon som hev vorte urein
av eit lik, eller gjeng sådet frå honom um natti, 5 eller
kjem han innåt noko krek som folk vert ureine av, eller
noko menneskje som på ein eller annan måte hev
vorte ureint, 6 hev nokon av deim røyvt noko sovore,
so er han vera urein alt til kvelds, og må ikkje eta av dei
vigde gåvorne, fyrr han hev lauga likamen sin i vatn. 7
Når soli hev gladt, er han rein att, og sidan kann han
eta av dei vigde gåvorne; for det er maten hans. 8 Det
som er sjølvdaudt eller ihelrive, må han ikkje eta; då
vert han urein. Kom i hug: eg er Herren! 9 Dei skal
halda dei bodi eg hev gjeve deim, so dei ikkje ber synd
for slike ting og lyt døy for di dei hev vanhelga det
som er heilagt. Kom i hug: det er eg, Herren, som hev
helga det! 10 Ingen framand må eta av det som heilagt
er. Ingen som er busete eller leigekar hjå ein prest, må
smaka på dei vigde rettarne. 11 Men hev presten kjøpt
seg ein tenar for pengar, so kann han eta av deim;
like eins dei tenarane som er fødd i huset hjå presten:
dei kann eta av maten hans. 12 Når ei prestedotter
er gift med ein framand mann, so må ho ikkje eta av
dei heilage offergåvorne. 13 Men hev ho vorte enkja,
eller er skild frå mannen, og ikkje hev born, og ho so
kjem attende til far sin og bur i huset heime hjå honom
liksom i ungdomen, so kann ho eta av maten åt far sin;
men ingen uskyld må eta av den maten. 14 Hev nokon
ete uviljande av dei vigde gåvorne, so skal han gjeva
presten lika for det, og leggja attåt femteparten av
verdet. 15 De må ikkje vanhelga dei heilage gåvorne
frå Israels-folket - det som dei vigjer åt Herren - 16 og
lata deim føra syndeskuld yver seg med å eta av dei
heilage retterne dykkar. Kom i hug: det er eg, Herren,
som helgar deim!»» 17 Og Herren tala atter til Moses,
og sagde: 18 «Tala til Aron og sønerne hans og til
heile Israels-folket, og seg til deim: «Når nokon av
Israels-ætti eller av dei framande i Israel kjem med
ei offergåva, anten det er ei som er utlova, eller ei
gåva i godvilje som dei vil bera fram til brennoffer åt
Herren, 19 då lyt offeret vera so at de kann tekkjast
Herren med det: ein lytelaus ukse eller ver eller bukk.
20 Noko som det er lyte på, må de ikkje bera fram; for
det tekkjest de ikkje Herren med. 21 Og når nokon ber
fram eit takkoffer åt Herren av storfeet eller småfeet,
anten det er ein lovnad han vil løysa, eller det er ei
gåva i godvilje, so lyt det vera eit lytelaust dyr, dersom
offeret skal tekkjast Herren; det må ikkje finnast nokor
veila på det. 22 Dyr som er blinde eller beinbrotne
eller skamførde, eller som hev verksår eller skabb eller
gardorm, deim må de ikkje bera fram for Herren og
leggja på altaret hans til offermat. 23 Ein ukse eller sau
som hev for lange eller for stutte lemer, kann du hava
til eit offer i godvilje; men til lovoffer høver dei ikkje. 24
Gjelde dyr, anten dei er klakka eller kruste eller rivne
eller skorne, skal de ikkje bera fram for Herren. Ikkje
skal de gjera slikt i dykkar eige land, 25 og ikkje skal
de kjøpa sovorne dyr av framande, og bera dei fram
til mat for dykkar Gud; for dei er utskjemde, det er
lytedyr: med slike offer vinn de ikkje Guds nåde.»» 26
Og Herren tala endå meir til Moses, og sagde: 27 «Når
ein kalv eller eit lamb eller eit kid er tilkome, skal dei
fylgja mor si sju dagar; men frå den åttande dagen og

sidan vil Herren tekkjast med deim, i fall de ber dei
fram til offermat. 28 Kui og kalven hennar eller søya og
lambet hennar skal de ikkje slagta på ein dag. 29 Når
de ber fram eit lov- og takkoffer, skal de gjera det so at
Herren hev hugnad av dykk: 30 De skal eta det upp
same dagen, og ikkje leiva noko av det til morgons.
Kom i hug: eg er Herren! 31 So haldt då bodi mine, og
liv etter deim! Eg er Herren: 32 Vanhelga ikkje mitt
heilage namn, men lat det helgast hjå Israels-folket!
Kom ihug: eg er Herren, som hev helga dykk, 33 og
som fylgde dykk ut or Egyptarlandet og vil vera dykkar
Gud - eg, Herren.»

**23** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Tala
til Israels-folket, og seg til deim: «No skal eg
nemna dykk Herrens høgtider, dei dagarne som de skal
kalla folket i hop til eit heilagt møte og halda høgtid for
meg! 3 Seks dagar lyt de arbeida og vera onnuge; men
den sjuande dagen skal vera heil kviledag, med heilagt
møte. Då må de ikkje gjera noko arbeid; i alle heimarne
dykkar skal det vera ein kviledag, vigd åt Herren. 4
Herrens høgtider, dei heilage møti som de skal kalla i
hop, kvart på si visse tid, det er desse: 5 Den fjortande
dagen i den fyrste månaden, soleglads bil, tek Herrens
påskehelg til. 6 Og den femtande dagen i den same
månaden skal de halda søtebrødhelgi for Herren. I
sju dagar skal de eta usyrt brød; 7 den fyrste dagen
skal de halda eit heilagt møte, og må ikkje gjera noko
utearbeid, 8 og alle dei sju dagarne skal de bera fram
offermat åt Herren; den sjuande dagen skal de og
halda eit heilagt møte, og noko utearbeid må de ikkje
gjera då heller.»» 9 Og Herren tala meir til Moses, og
sagde: 10 «Tala til Israels-folket, og seg med deim:
«Når de kjem til det landet som eg vil gjeva dykk, og
haustar inn kornet der, so skal de koma til presten
med det fyrste kornbandet av nygrøda, 11 og han skal
svinga det att og fram for Herrens åsyn, so Herren kann
hava hugnad av dykk; dagen etter helgi skal presten
svinga kornbandet. 12 Og same dagen som de svingar
kornbandet, skal de bera fram eit årsgamalt lamb som
er lytelaust, til brennoffer åt Herren. 13 Grjonofferet
som fylgjer med, skal vera tvo kannor fint mjøl, blanda
med olje - då er det ein offerrett åt Herren, som gjev
god ange - og drykkofferet ei halv kanne vin. 14 Og
brød eller steikte aks eller rått korn må de ikkje eta fyre
den dagen, ikkje fyrr de hev bore fram den gåva som
er etla åt dykkar Gud. Det skal vera ei æveleg lov for
dykk og etterkomarane dykkar i kvar ein heim. 15 Frå
den fyrste dagen etter helgi, frå den dagen de bar fram
kornbandet som skulde svingast for Herrens åsyn, skal
de telja sju fulle vikor: 16 femti dagar skal de telja, til
dagen etter den sjuande vika, og då skal de bera fram
eit nytt grjonoffer for Herren. 17 Tvo vigslingsbrød skal
de koma med frå heimarne dykkar; i deim skal det
vera tvo kannor fint mjøl, og dei skal vera syrte; det
skal vera nygrødeoffer åt Herren. 18 Og attåt brødet
skal de bera fram sju årsgamle lytelause lamb og ein
ung ukse og tvo verar til brennoffer åt Herren, og det
grjonofferet og dei drykkofferi som fylgjer med: det er
ein offerrett for Herren, som det angar godt av. 19 Til
syndoffer skal de ofra ein geitebukk, og til takkoffer
tvo årsgamle lamb; 20 deim skal presten svinga att
og fram for Herrens åsyn saman med nygrødebrødet;
dei skal vigjast åt Herren, og høyra presten til. 21
Og same dagen skal de kalla folket i hop, og halda
eit heilagt møte; de må ikkje gjera noko utearbeid
den dagen. Dette skal vera ei æveleg lov for dykk og
etterkomarane dykkar i kvar ein heim. 22 Og når de
haustar kornet av åkrane dykkar, skal du ikkje skjera
kornet for vel utåt reini, og dei aksi som ligg att etter
skurden, skal du ikkje plukka upp; du skal etla deim att
åt dei fatige og framande. Kom i hug: eg er Herren,
dykkar Gud!»» 23 Og Herren tala atter til Moses, og
sagde: 24 «Tala til Israels-folket og seg: «Den fyrste
dagen i den sjuande månaden skal de halda helg; då
skal luren ljoma og minna dykk, og de skal halda eit
heilagt møte. 25 Den dagen må de ikkje gjera noko
utearbeid, og de skal bera fram offermat for Herren.»»
26 Og Herren tala meir til Moses, og sagde: 27 «So
den tiande dagen i den same sjuande månaden er
det soningsdag. Det skal vera ein heilag møtedag
for dykk, og de skal fasta og bera fram offermat for
Herren. 28 Den dagen må de ikkje gjera noko arbeid;
for det er soningsdag; då skal dei gjera soning for dykk
framfor åsyni åt Herren, dykkar Gud. 29 Alle som ikkje
fastar den dagen, skal rydjast ut or ætti si. 30 Og den
som gjer noko arbeid, honom vil eg tyna midt ibland
folket hans. 31 Ikkje det minste grand må de gjera
den dagen; det skal vera ei æveleg lov for dykk og
etterkomarane dykkar i kvar ein heim. 32 Ein kvile-
og helgedag skal det vera for dykk, og de skal fasta;
frå niande dags kvelden i den månaden til kvelden
etter skal de halda heilagt.» 33 Og Herren tala endå
meir til Moses, og sagde: 34 «Tala til Israels-folket og
seg: «Frå den femtande dagen i den same sjuande
månaden skal de halda lauvhyttehelg for Herren i sju
dagar. 35 Den fyrste dagen skal de halda eit heilagt
møte, og noko utearbeid må de ikkje gjera. 36 Sju
dagar skal de bera fram offermat for Herren; og den
åttande dagen skal de halda eit heilagt møte, og bera
fram offermat for Herren. Då er det stor samlingshøgtid,
og de må ikkje gjera noko utearbeid. 37 Dette er dei
høgtiderne då de skal kalla folket i hop til heilagt møte
og bera fram offer for Herren: brennoffer og grjonoffer,
slagtoffer og drykkoffer, kvart til si tid, 38 umfram

Herrens kviledagsoffer, og umfram gåvorne dykkar og
alle dei offeri de hev lova, eller kjem til Herren med av
dykk sjølve. 39 Men frå den femtande dagen i den
sjuande månaden, når de samlar grøda i hus, skal de
høgtida Herrens pilegrimshelg i sju dagar. Den fyrste
dagen skal det halda heilag, og den åttande dagen
skal det halda heilag. 40 Og den fyrste dagen skal de
taka fagre frukter og palmegreiner og lauvrike buskor
og seljekvister, og gleda dykk for Guds åsyn i sju
dagar. 41 Soleis skal de kvart år halda pilegrimshelg
for Herren i sju dagar; det skal vera ei æveleg lov for
dykk og etterkomarane dykkar. I den sjuande månaden
skal de halda den helgi. 42 Då skal de bu i lauvhyttor i
sju dagar; alle som er fødde og borne i Israel, skal bu i
lauvhyttor, 43 so etterkomarane dykkar skal minnast at
eg let Israels-sønerne bu i lauvhyttor då eg fylgde deim
ut or Egyptarlandet, eg, Herren, deira Gud.»» 44 Og
Moses kunngjorde Herrens høgtider for Israels-folket.

**24** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Seg
med Israels-folket at dei skal koma med skir olje
av sundstøytte oljeber til ljosestaken, so lamporne
stødt kann setjast upp! 3 Utanfor tæpet som heng attfor
lovtavlekista i møtetjeldet, skal Aron stella lamporne so
dei kann lysa for Herrens åsyn frå kveld til morgon,
stødt og stendigt; det skal vera ein fast sed hjå dykk og
etterkomarane dykkar: 4 på den bjarte gullstaken skal
han skipa lamporne for Herrens åsyn seint og tidleg. 5
So skal du taka fint mjøl, og baka tolv kakebrød; i kvart
brød skal det vera tvo kannor mjøl. 6 Og deim skal du
leggja i tvo rader, seks i kvar rad, på gullbordet, for
Herrens åsyn. 7 Og på kvar rad skal du leggja rein
angekvåda; det skal vera eit minningsoffer for brødet,
ein offerrett åt Herren. 8 Kvar helg skal han leggja det
brødet fram for Herrens åsyn, stødt og stendigt; det
skal vera ei æveleg sambandsgåva frå Israels-borni. 9
Og Aron og sønerne hans skal få det og eta det på ein
heilag stad; for det høyrer til det som er høgheilagt av
Herrens offermat, og prestarne skal hava rett til det i
all æva.» 10 Ein som var son til ei israelitisk kona, men
hadde ein egyptar til far, gjekk ein gong inn millom
Israels-folket, og han og ein av Israels-mennerne kom
i trætta med kvarandre i lægret. 11 Og son til den
israelitiske kona - ho heitte Sjelomit Dibrisdotter, og var
av Dans-ætti - tok til å banna Guds namn og spotta det.
12 Då førde dei honom burt til Moses, og sette honom
fast til dei kunde få ein orskurd av Herrens munn. 13
Og Herren tala til Moses, og sagde: 14 «Før spottaren
ut or lægret, og alle dei som høyrde på det, skal leggja
henderne på hovudet hans, og heile lyden skal steina
honom. 15 Og til Israels-folket skal du segja: «Den
som bannar sin Gud, lyt lida for syndi si, 16 og den
som spottar Herrens namn, han skal lata livet; heile
lyden skal steina honom i hel; anten han er framand
eller fødd og boren i landet, so skal han lata livet, so
sant han hev spotta Guds namn. 17 Slær nokon ein
mann i hel, so skal han lata livet. 18 Den som slær i
hel eit krøter, skal gjeva like for det, liv for liv. 19 Valdar
nokon at grannen hans fær skade på likamen, so skal
dei gjera det same med honom som han hev gjort med
grannen: 20 brot for brot, auga for auga, tonn for tonn;
det meinet han hev gjort ein annan, skal han sjølv få.
21 Den som slær i hel eit krøter, skal gjeva lika for det;
men den som slær i hel eit menneskje, skal lata livet.
22 Det er same retten for dykk alle, for den framande
likso vel som for den som er fødd og boren i landet; for
eg, Herren, er dykkar Gud.»» 23 Og Moses kunngjorde
dette for Israels-folket, og dei førde spottaren ut or
lægret, og steina honom i hel: Israels-mennerne gjorde
som Herren hadde sagt til Moses.

**25** Og Herren tala atter til Moses på Sinaifjellet, og
sagde: 2 «Tala til Israels-folket, og seg til deim:
«Når de kjem til det landet som eg vil gjeva dykk, so
skal landet halda helg for Herren og kvila: 3 Seks år
skal du så åkeren din, og seks år skal du kylla vintrei
dine, og sanka det som jordi gjev av seg; 4 men det
sjuande året skal vera ei kviletid for landet, ei helg
som er vigd åt Herren: då skal du ikkje så åkeren
din, og ikkje kylla vintrei. 5 Det kornet som renn upp
av seg sjølv etter fjorgrøda, skal du ikkje skjera, og
druvorne på det ukyllte vintreet skal du ikkje sanka: Eit
kvileår skal det vera for landet. 6 Og det som jordi
ber i kviletidi, skal vera til føda for dykk alle: for deg
og drengen din og tenestgjenta di og leigekaren og
buseten som held til hjå deg; 7 og bufeet ditt og villdyri
som er i landet, skal og eta av all den grøda som veks.
8 So skal du telja fram sju kvileår, sju gonger sju, so
tidi som svarar til dei sju kvileåri, vert ni og fyrti år; 9
og den tiande dagen i den sjuande månaden skal du
blåsa i lur; på soningsdagen skal de lata luren ljoma i
heile landet dykkar. 10 Og de skal helga det femtiande
året, og lysa ut fridom for alle som i landet bur. Det
skal vera eit jubelår for dykk; då skal de koma attende
kvar til sin odel og venda heim att kvar til si ætt. 11
Eit jubelår skal det femtiande året vera for dykk: ikkje
skal de så, og ikkje skal de hausta det sjølvsådde
kornet, og ikkje skal de sanka druvorne av det ukyllte
vintreet. 12 For det er eit jubelår: det skal vera heilagt
for dykk; på marki skal de henta maten etter kvart
som de treng honom. 13 I jubelåret skal kvar få att
odelsgarden sin. 14 Når du sel noko til landsmannen
din eller kjøper noko av honom, so skal de ikkje gjera
urett mot kvarandre. 15 Kjøper du jord av honom, so
skal du telja dei åri som er lidne frå jubelåret, og han
skal rekna etter kor mange åringar det er att. 16 Etter

som det då er mange eller få år att, skal prisen auka
eller minka; for det er berre eit visst tal med avlingar
han sel deg. 17 Gjer ikkje urett mot kvarandre; hav age
for dykkar Gud! Kom i hug: eg, Herren, er dykkar Gud!
18 Lyd loverne mine, og haldt bodi mine og liv etter
deim, so skal de bu trygt i landet; 19 landet skal gjeva
dykk grøda si, og de skal hava nøgdi å liva av, og sitja
der trygt. 20 Og dersom de spør: «Kva skal me eta i
det sjuande året, når me ikkje sår og ikkje samlar inn
grøda vår?» 21 so må de vita at i det sette året vil eg
senda dykk mi velsigning, og de skal få so rik ei grøda,
at ho rekk til for tri år. 22 Når de sår i det åttande året,
skal de endå eta av fyrrårsavlen; alt til grøda kjem det
niande året, skal de leva av den gamle avlen. 23 Jordi
må de ikkje selja for ollo; for det er eg som eig landet;
de er berre framande og leiglendingar hjå meg. 24
Difor skal det i heile landet dykkar gjelda løysingsrett
for jord: 25 Dersom det gjeng ut for grannen din, og
han lyt selja noko av garden sin, so skal næmaste
odelsmannen koma og løysa att det som skyldingen
hans hev selt. 26 Finst det ingen som kann løysa att
jordi for honom, og han sjølv fær so mykje med hand
at han kann greida løysingsummen, 27 so skal han
rekna frå dei åri som er lidne sidan han selde, og
gjeva den han selde til lika for det som att er; då vert
eigedomen hans; 28 men er han ikkje god til å greida
det han skal ut med, so skal jordi høyra kjøparen til alt
til jubelåret; i jubelåret vert ho fri og kjem under den
gamle eigaren. 29 Når ein sel eit stovehus i ein by med
murar ikring, so gjeld løysingsretten berre for ei tid; so
lenge som eit år etter huset vart selt, skal han hava
rett til å løysa det att. 30 Vert ikkje huset attløyst fyrr eit
fullt år er lide, so skal det - so framt det ligg i ein by
med murar ikring - falla under den som hev kjøpt det,
og høyra honom og etterkomarane hans til for godt, og
det vert ikkje fritt i jubelåret. 31 Men husi i småbyar
som det ikkje er murar ikring, skal reknast til landet;
dei kann løysast att, og i jubelåret vert dei frie. 32 Er
det levitbyarne det gjeld, husi i dei byarne som høyrer
Levi-sønerne til, so varer løysingsretten for alle tider.
33 Og um nokon av Levi-sønerne ikkje løyser att eit
hus han hev selt, so vert huset fritt i jubelåret, so framt
det ligg i fedrebyen hans; for husi i dei byarne som
høyrer levitarne til, er deira odel millom Israels-folket.
34 Heller ikkje må beitemarki kring byarne deira seljast;
ho skal høyra deim til for alle tider. 35 Når det gjeng ut
for grannen din, og han ikkje kann greida seg lenger,
so skal du halda handi yver honom, og han skal liva
hjå deg som ein framand eller busete. 36 Du må ikkje
taka renta eller yvermål av honom; du skal hava age
for din Gud, og lata grannen din liva med deg. 37 Du
må ikkje låna honom pengar på den måten at han skal
gjeva deg renta, eller mat på den måten at han skal
gjeva deg noko attpå. 38 Kom i hug: Eg er Herren,
dykkar Gud, som fylgde dykk ut or Egyptarlandet og vil
gjeva dykk Kana'ans-landet og vera dykkar Gud. 39
Når grannen din vert utarma og lyt selja seg til deg, so
skal du ikkje lata honom gjera slavearbeid for deg. 40
Han skal vera hjå deg som ein leigekar eller busete,
og arbeide hjå deg til jubelåret; 41 då skal han flytja
frå deg, både han og borni hans, og fara heim att til
ætti si og fedregarden. 42 For dei er mine tenarar, eg
henta deim ut or Egyptarlandet; dei må ikkje seljast
som ein sel ein slave. 43 Du må ikkje vera hard med
deim; du skal hava age for din Gud. 44 Vil du få deg
tenestdrengjer eller tenestgjentor som skal vera din
eigedom, so kann du kjøpa både drengjer og gjentor
av heidningarne som bur rundt ikring dykk, 45 og like
eins av borni åt innflytjarane som held til hjå dykk; av
deim og etterkomarane deira som bur hjå dykk og
er fødde i landet dykkar, kann de kjøpa dykk tenarar
som de må eiga, 46 og kann lata borni dykkar få i arv
etter dykk med full eigedomsrett; deim kann de bruka
til slavar so lenge de vil; men brørne dine, Israels-
borni, må du ikkje gjera deg til herre yver - bror yver
bror! 47 Når ein framand eller innflutt mann hjå deg
kjem til velstand hjå dykk, og landsmannen din som
bur innmed han, vert utarma, og lyt selja seg til den
innflutte framande mannen, eller til ein som er runnen
av framand rot, 48 so kann han løysast ut att, etter han
hev selt seg. Ein av brørne hans lyt då løysa honom
ut, 49 eller farbroren eller son åt farbroren eller ein
annan av det næmaste skyldfolket i ætti hans; og fær
han utkoma til det, so kann han løysa seg ut sjølv.
50 Når han då gjer upp med den han hev selt seg til,
skal dei rekna ut tidi frå det året han selde seg og til
jubelåret: kjøpesummen skal bytast med åretalet, og
det skal vera som han hadde vore leigekar hjå honom
og arbeidt etter dagen. 51 Er det endå mange år att, so
skal han i utløysnad leggja so mykje av kjøpesummen
som svarar til dei åri; 52 og er det få år att til jubelåret,
so skal han gjera upp med honom for deim; han skal
i utløysnad gjeva det som svarar til dei åri han er
attskuldig. 53 Han skal vera jamgod med ein leigekar
som arbeider hjå ein mann år for år; du skal ikkje tola
at dei fer hardt med honom. 54 Vert han ikkje utløyst
på den måten som nemnt er, so vert han fri i jubelåret,
både han og borni hans. 55 For meg høyrer Israels-
sønerne til, og er tenarane mine - mine tenarar er dei;
eg henta deim ut or Egyptarlandet, eg, Herren, dykkar
Gud.

**26** De skal ikkje gjera dykk avgudar, og ikkje
reisa gudebilæte eller minnestolpar eller setja
bilætsteinar i landet dykkar og kasta dykk på kne for

deim. Eg, Herren, er dykkar Gud. **2** Helgarne mine
skal de halda, og hava age for heilagdomen min. Kom
i hug: eg er Herren! **3** Lyder de no mine lover og agtar
på ordi eg tala, og gjer de som eg hev sagt dykk, **4**
so skal eg senda dykk regnet i rette tid, når det treng
det, og jordi skal gjeva si grøda, og hagetrei si alda.
**5** Treskjartidi skal vera hjå dykk til vinonni byrjar, og
vinonni vara til vinteren, og de skal eta dykk mette
av maten som de hev avla, og liva trygge i landet.
**6** Fred vil eg gjeva i landet: de skal liggja og kvila,
og ingen skal skræma dykk upp; udyri, deim vil eg
øyda, so dei kverv burt ifrå landet, og sverd skal'kje
herja i riket; **7** uvenerne skal de elta, og dei skal stupa
framfor dykk: **8** fem av dykk skal jaga eit hundrad, og
hundrad jaga ti tusund, og fiendarne falla for sverdet.
**9** Med milda vil eg dykk møta, og lata dykk aukast og
veksa og signa sambandet med dykk. **10** Fjorgamalt
korn skal de eta, til dess de lyt rydja det undan, so
de fær rom åt det nye. **11** Eg vil bu og byggja ibland
dykk, og aldri leidast utav dykk. **12** Imillom dykk vil eg
ferdast, og dykkar Gud vil eg vera, og de skal vera
mitt folk. **13** Eg er dykkar Gud, eg, Herren, som henta
dykk ut or Egyptarlandet, der som de træla for andre;
eg braut sund stengern' i oket, so de kunde ganga
rake. **14** Men vil de'kje høyra på meg, og gjer de'kje
alt det eg baud dykk, **15** mismæter de mine rettar og
leidest loverne mine, so de ikkje gjer som eg sagde,
og bryt de sambandet med meg, **16** so gjev eg dykk
likt for like: då søkjer eg dykk med fælska, med sott
som tærer og brenner, sykja som sløkkjer ut augo og
syg magti or livet. Til fånyttes sår de ut kornet; for
uvenern' et det de avlar. **17** Eg kvesser augo imot
dykk: for fienden skal de rjuka, uvenen skal trakka
dykk ned; de skal røma, um ingen er etter dykk. **18** Og
vil de endå'kje lyda, so skal eg refsa dykk meir, sju
gonger, for synderne dykkar. **19** Eg bryt dykkar ovmod
og magt: eg gjer dykkar himmel som jarn, og jordi
dykkar som kopar. **20** Då øyder de nyttelaust krafti;
for jordi gjev ingi grøda, og trei gjev ingi alda. **21** Og
gjer de meg endå imot, og vil de'kje høyra på meg, so
slær eg dykk endå sju gonger, som synderne dykkar er
verde. **22** Imot dykk sender eg udyr som ranar borni
ifrå dykk, og drep ned bufeet dykkar, og veld at de
tynnest i talet, so vegarne dykkar vert aude. **23** Og
let de dykk endå'kje tukta, men driv på og gjer meg
imot, **24** so gjer eg og dykk imot, og slær dykk endå
sju gonger for alt det som de hev synda; **25** eg sender
eit sverd yver dykk, som skal hemna pakti de braut; og
samlar de dykk i byarn', so sender eg sott inn ibland
dykk, og de skal falla i fiendehand. **26** Eg skal minka
soleis på maten, som var dykkar styrk og studnad,
at tie konor skal steikja brødet åt dykk i ein omn; dei
skal gjeva det att etter vegt, og de skal'kje få eta dykk
mette. **27** Og høyrer de endå'kje på meg, og herder
de på og trassar, **28** so fer eg imot dykk med vreide,
og refsar dykk endå sju gonger for alle syndern' de
gjorde. **29** Då skal de nøydast til eta kjøtet av sønerne
dykkar og kjøtet av dykkar døtter. **30** Eg skal øyda
høgderne dykkar, og rydja solstolparne ut, og kasta
dykkar eigne lik på liki av skarnsgudarne dykkar; for
de byd mitt hjarta imot. **31** Eg vil leggja byarn' i røys,
og riva templi ned, og vil ikkje ansa angen som stig
upp frå offeri dykkar; **32** eg skal gjera landet so audt,
at fiendarne som bur der skal fæla. **33** Og dykk skal
eg spreida bland folki; med drege sverd skal eg elta
dykk, og landet dykkar skal verta ei audn, og byarne
skal verta røysar. **34** Då skal landet få njota si kvild, alt
med det lyt liggja i øyde og de er i fiendelandet - ja då
skal landet få kvila og halda helgerne sine; **35** alt med
det ligg audt, skal det kvila; då skal det få seg den
helgekvildi det ikkje fekk i kvileåri, so lenge de endå
budde der. **36** Men dei av dykk som er att, skal eg
gjeva slik rædsla i hjarta, med dei held til i fiendelandi,
at ljoden av eit fjukande lauv skal skræma deim upp
og jaga deim av, som når ein rømer for sverdet; dei
skal falla, um ingen er etter deim. **37** Dei skal snåva og
detta, ein yver hin, som dei hadde sverdet i hælarn',
endå det er ingen som elter. De skal ikkje stå dykk
mot uvenern' dykkar, **38** men ganga til grunns millom
heidningarne, og fiendelandet skal tæra dykk upp.
**39** Og dei av dykk som endå er att, skal visna burt i
fiendelandi for broti som dei hev gjort, og for broti åt
federne sine; dei skal folna burt liksom dei. **40** Då skal
dei stå til sine brot og broti åt sine feder, at dei fall ifrå
meg, og sveik meg, og gjorde meg tvert imot, **41** so eg
og laut stå deim imot, og dreiv deim til fiendelandet -
og bøygjer dei så sine hjarto, so harde og stride dei er,
og fær dei då kvitta si skuld, **42** Og so skal eg minnast
mitt samband med Jakob og Isak og Abram, og landet
skal eg og minnast. **43** Men landet lyt fyrst vera kvitt
deim, og njota helgarne sine med det ligg audt etter
deim; og dei lyt bøta si skuld, etter di dei vanda mi
lov, og bodet mitt baud deim imot. **44** Men endå um
det er so, og dei er i fiendelandet, vil eg ikkje vanda
deim reint eller skjota deim heiltupp ifrå meg: eg vil
ikkje rydja deim ut og brjota sambandet med deim;
for eg, Herren, er deira Gud. **45** Eg vil minnast mi
pakt med dei gamle, som eg henta ut or Egyptarland
midt for augo på heidningefolki, og var deira Gud,
eg, Herren!»» **46** Dette er dei bodi og rettarne og
loverne som Herren sette millom seg og Israels-folket
på Sinaifjellet og let Moses kunngjera for deim.

**27** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: **2**
«Tala til Israels-folket, og seg til deim: «Når ein

hev lova å vigja seg sjølv eller eit anna menneskje
til Herren, og sidan vil løysa seg frå lovnaden med
penger, so skal du verdsetja den som er burtlova: **3**
Verdet på ein mann som er millom tjuge og seksti år,
skal vera femti sylvdalar i heilag mynt; **4** er det eit
kvende, so skal du setja verdet til tretti dalar. **5** Eit
menneskje som er millom fem år og tjuge år, skal du
setja i tjuge dalar dersom det er ein kar, og i ti dalar
dersom det er eit kvende. **6** Er det eit barn millom ein
månad og fem år, so skal verdet på ein gut vera fem
sylvdalar, og på ei gjenta tri sylvdalar. **7** Deim som er
seksti år eller meir, skal du setja i femtan dalar i fall det
er menner, og i ti dalar i fall det er kvende. **8** Er nokon
so fatig at han ikkje kann greida ut pengarne, so skal
dei koma til presten med honom, og presten skal setja
verdet etter hans utkoma som gjorde lovnaden. **9** Er
det eit dyr som er burtlova, eit av deim som folk ber
fram til offer for Herren, so skal alt ein gjev Herren av
slikt, reknast for heilagt. **10** Ein må ikkje byta det um
eller gjeva eit anna dyr i staden, korkje eit ringt for eit
godt eller eit godt for eit ringt. Byter ein det like vel
i eit anna dyr, so skal båe tvo gjelda for heilage. **11**
Men er det eit ureint dyr, eit av deim ein ikkje kann
gjeva Herren i offergåva, so skal det leidast fram for
presten, **12** og presten skal verdsetja det, etter som
det er til, godt eller ringt; det som presten set det i, det
skal vera prisen på det. **13** Vil eigaren løysa det att, so
lyt han leggja femteparten meir enn det er verdsett til.
**14** Når ein hev lova å vigja huset sitt til Herren, so skal
presten verdsetja det etter som det er til, godt eller
ringt, og det som presten set det i, skal gjelda for rette
verdet. **15** Vil den som hev lova burt huset løysa det
att, so skal han leggja femteparten yver det verdet;
då vert det hans. **16** Når ein hev lova burt noko av
odelsjordi si til Herren, so skal verdet retta seg etter
sådmengdi: ein åker på halvtridje tunnesåd bygg skal
svara til femti sylvdalar. **17** Hev han lova burt jordi
alt ifrå jubelåret, so skal det verdet gjelda fullt. **18**
Men er det etter jubelåret han hev lova henne burt, so
skal presten rekna ut verdet etter dei åri som er att
til komande jubelår, og prisen skal setjast ned etter
måten. **19** Hev ein lova Herren eit stykke av jordi si, og
sidan vil løysa det, skal han leggja femteparten yver
verdet, so skal han få det. **20** Løyser han det ikkje, og
like vel sel det til ein annan, so kann det ikkje løysast
meir; **21** når då jubelåret kjem, og jordi vert fri, skal
ho høyra Herrens heilagdom til, liksom jord som er
vigsla; presten skal hava eigedomsretten til henne. **22**
Når ein hev lova Herren eit stykke jord som han hev
kjøpt, og som ikkje er hans odel, **23** so skal presten
rekna ut verdet til komande jubelår, og mannen skal
greida ut pengarne med det same, og vigja deim åt
Herren. **24** I jubelåret fell jordi attende til den han
kjøpte av, og som hev odelen. **25** All verdsetjing skal
vera i heilag mynt, etter tjuge gera i dalaren. **26** Det
som er frumbore i buskapen, kann ikkje lovast burt;
etter di det er frumbore, er det longe Herrens eigedom;
anten det er storfe eller småfe, so høyrer det Herren
til. **27** Er det ureine dyr, so kann ein løysa deim att
etter verdet, men lyt då leggja attåt femteparten; vert
dei ikkje attløyste, so kann dei seljast for verdet. **28**
Det som ein vigslar åt Herren av eigedomen sin, anten
det er folk eller fe eller odelsjord, det kann ikkje seljast
og ikkje løysast att; alt som er vigsla, er høgheilagt og
høyrer Herren til. **29** Ingen mann som er bannstøytt,
kann verta attløyst; han lyt lata livet. **30** All tiend av
jordi, av grøda på marki og av alda på trei, høyrer
Herren til, og til Herren skal ho vigjast. **31** Vil ein løysa
att noko av tiendi, skal han leggja femteparten yver
verdet. **32** Og av alt bufeet, både stort og smått, alt
som kjem under hyrdingstaven, skal tiande kvart dyr
vigjast til Herren. **33** Ein skal ikkje sjå etter um det er
godt eller ringt, og ikkje byta det um. Vert det bytt i
eit anna dyr, so skal dei høyra heilagdomen båe, og
kann ikkje verta attløyste.»» **34** Dette var dei loverne
som Herren gav Moses på Sinaifjellet og baud honom
kunngjera for Israels-folket.

# 4 Mosebok

**1** So var det den fyrste dagen i den andre månaden
året etter dei hadde fare frå Egyptarlandet, då tala
Herren til Moses på Sinaiheidi, i møtetjeldet, og sagde:
**2** «De skal taka tal på heile Israels-lyden etter ætter og
ættgreiner, og skriva upp namni på alle karar, ein for
ein, **3** alle våpnføre menner i Israel som er tjuge år
gamle eller meir, skal de mynstra, flokk for flokk, du og
Aron. **4** Og med dykk skal det vera ein mann av kvar
ætt, den som er hovdingen for alle greinerne i ætti. **5**
So heiter dei mennerne som skal vera dykk til hjelp: av
Rubens-ætti: Elisur, son åt Sede'ur; **6** av Simeons-ætti:
Selumiel, son åt Surisaddai; **7** av Juda-ætti: Nahson,
son åt Amminadab; **8** av Issakars-ætti: Netanel, son åt
Suar; **9** av Sebulons-ætti; Eliab, son åt Helon; **10** av
Josefs-sønerne: Elisama, son åt Ammihud, av Efraims-
ætti, og Gamliel, son åt Pedasur, av Manasse-ætti; **11**
av Benjamins-ætti: Abidan, son åt Gideoni; **12** av Dans-
ætti: Ahiezer, son åt Ammisaddai; **13** av Assers-ætti:
Pagiel, son åt Okran; **14** av Gads-ætti: Eljasaf, son åt
Re'uel; **15** av Naftali-ætti: Ahira, son åt Enan.» **16** Dette
var dei som var kalla til formenner for lyden, dei høgste
i fedreætterne sine, hovdingarne yver Israels-folket.
**17** So henta Moses og Aron dei mennerne som var
namngjevne, **18** og fyrste dagen i andre månaden kalla
dei lyden i hop til eit ålmannamøte; og alle som var
yver tjuge år, vart innskrivne i manntalet med namn, ein
for ein, etter ætter og ættgreiner, **19** soleis som Herren
hadde sagt; og Moses mynstra deim på Sinaiheidi.
**20** Fyrst mynstra han Rubens-sønerne - deim som
var ætta frå Ruben, eldste son åt Israel - og då alle
våpnføre menner av Rubens-folket, frå tjugeårsalderen
og uppetter, var innskrivne i manntalet, ein for ein, etter
ætter og ættgreiner, **21** so var det seks og fyrti tusund
og fem hundrad mann. **22** So mynstra han Simeons-
sønerne og ætterne deira, og då alle våpnføre menner
av Simeons-folket, frå tjugeårsalderen og uppetter,
var innskrivne i manntalet, ein for ein, etter ætter og
ættgreiner, **23** so var det ni og femti tusund og tri
hundrad mann. **24** So mynstra han Gads-sønerne
og ætterne deira, og då alle dei våpnføre av Gads-
folket, frå tjugeårsalderen og uppetter, var innskrivne i
manntalet, ein for ein, etter ætter og ættgreiner, **25** so
var det fem og fyrti tusund og seks hundrad og femti
mann. **26** So mynstra han Juda-sønerne og ætterne
deira, og då alle dei våpnføre av Juda-folket, frå
tjugeårsalderen og uppetter, var innskrivne i manntalet,
ein for ein, etter ætter og ættgreiner, **27** so var det fire
og sytti tusund og seks hundrad mann. **28** So mynstra
han Issakars-sønerne og ætterne deira, og då alle dei
våpnføre av Issakars-folket, frå tjugeårsalderen og
uppetter, var innskrivne i manntalet, ein for ein, etter
ætter og ættgreiner, **29** so var det fire og femti tusund
og fire hundrad mann. **30** So mynstra han Sebulons-
sønerne og ætterne deira, og då alle dei våpnføre
av Sebulons-folket, frå tjugeårsalderen og uppetter,
var innskrivne i manntalet, ein for ein, etter ætter og
ættgreiner, **31** so var det sju og femti tusund og fire
hundrad mann. **32** So mynstra han Josefs-sønerne
og ætterne deira: Då alle dei våpnføre av Efraims-
folket, frå tjugeårsalderen og uppetter, var innskrivne i
manntalet, ein for ein, etter ætter og ættgreiner, **33** so
var det fyrti tusund og fem hundrad mann; **34** og då alle
dei våpnføre av Manasse-folket, frå tjugeårsalderen og
uppetter, var innskrivne i manntalet, ein for ein, etter
ætter og ættgreiner, **35** so var det tvo og tretti tusund
og tvo hundrad mann. **36** So mynstra han Benjamins-
sønerne og ætterne deira, og då alle dei våpnføre
av Benjamins-folket, frå tjugeårsalderen og uppetter,
var innskrivne i manntalet, ein for ein, etter ætter og
ættgreiner, **37** so var det fem og tretti tusund og fire
hundrad mann. **38** So mynstra han Dans-sønerne
og ætterne deira, og då alle dei våpnføre av Dans-
folket, frå tjugeårsalderen og uppetter, var innskrivne
i manntalet, ein for ein, etter ætter og ættgreiner,
**39** so var det tvo og seksti tusund og sju hundrad
mann. **40** So mynstra han Assers-sønerne og ætterne
deira, og då alle dei våpnføre av Assers-folket, frå
tjugeårsalderen og uppetter, var innskrivne i manntalet,
ein for ein, etter ætter og ættgreiner, **41** so var det
ein og fyrti tusund og fem hundrad mann. **42** So
mynstra han Naftali-sønerne og ætterne deira, og då
alle dei våpnføre av Naftali-folket, frå tjugeårsalderen
og uppetter, var innskrivne i manntalet, ein for ein,
etter ætter og ættgreiner, **43** so var det tri og femti
tusund og fire hundrad mann. **44** Dette var dei som vart
mynstra, dei som Moses og Aron og Israels hovdingar
mynstra; og hovdingarne var tolv i talet, ein for kvar
ætt. **45** Og talet på deim som vart mynstra av Israels-
sønerne og ætterne deira, alle dei våpnføre av Israel,
frå tjugeårsalderen og uppetter, **46** var seks hundrad
og tri tusund og fem hundrad og femti; so mange var
det som vart mynstra. **47** Levitarne og ætterne deira
vart ikkje mynstra i hop med dei hine. **48** For Herren
sagde til Moses: **49** «Levi-ætti skal du ikkje mynstra
eller taka tal på saman med hitt Israels-folket. **50** Set
levitarne til å stella med huset som lovi er gøymd i,
og med all bunaden i det og alt som høyrer til. Dei
skal føra huset og all bunaden, og dei skal taka vare
på huset, og lægra seg rundt ikring det. **51** Når huset
skal flytjast, so skal levitarne taka det ned, og når det
skal reisast, skal levitarne setja det upp; kjem nokon
framand innåt, lyt han døy. **52** Israels-sønerne skal

lægra seg flokk i flokk, kvar i sitt eige læger og under
sitt eige hermerke, 53 men levitarne skal lægra seg
kringum gudshuset, so det ikkje skal koma vreide yver
Israels-lyden; for det er levitarne som skal taka vare på
gudshuset.» 54 Og Israels-borni gjorde so; dei gjorde i
alle måtar som Herren hadde sagt med Moses.

2 Og Herren tala atter til Moses og Aron, og
sagde: 2 «Israels-sønerne skal lægra seg kringum
møtetjeldet, eit stykke ifrå, kvar innmed si fana og
under sitt ættar-hermerke. 3 På framsida, mot aust,
skal Juda-heren liggja, flokk i flokk, kring fana si.
Hovdingen yver Juda-sønerne er Nahson, son åt
Amminadab; 4 og flokken hans, dei som er mynstra
i Juda-ætti, er fire og sytti tusund og seks hundrad
mann. 5 Jamsides med deim skal Issakars-ætti lægra
seg. Hovdingen yver Issakars-sønerne er Netanel,
son åt Suar; 6 og flokken hans, dei som er mynstra,
er fire og femti tusund og fire hundrad mann. 7 Like
eins Sebulons-ætti. Hovdingen yver Sebulons-sønerne
er Eliab, son åt Helon; 8 og flokken hans, dei som
er mynstra, er sju og femti tusund og fire hundrad
mann. 9 Heile hermagti som er mynstra i Juda-lægret,
er hundrad og seks og åtteti tusund og fire hundrad
mann. Dei skal vera fremst i ferdi, når de tek ut. 10
Rubens-heren med fana si skal lægra på sudsida, flokk
i flokk. Hovdingen yver Rubens-sønerne er Elisur, son
åt Sede'ur; 11 og flokken hans, dei som er mynstra,
er seks og fyrti tusund og fem hundrad mann. 12
Jamsides med dei skal Simeons-ætti liggja. Hovdingen
yver Simeons-sønerne er Selumiel, son åt Surisaddai;
13 og flokken hans, dei som er mynstra, er ni og
femti tusund og tri hundrad mann. 14 Like eins Gads-
ætti. Hovdingen yver Gads-sønerne er Eljasaf, son åt
Re'uel; 15 og flokken hans, dei som er mynstra, er fem
og fyrti tusund og seks hundrad og femti mann. 16
Heile hermagti som er mynstra i Rubens-lægret, er
hundrad og ein og femti tusund og fire hundrad og
femti mann; dei skal vera i andre fylkingi, når de tek på
vegen. 17 Møtetjeldet og Levi-flokken skal vera midt
imillom herarne kvar gong de tek ut; som dei lægrar
seg, so skal dei fara i veg, kvar på sin stad og under si
fana. 18 Efraims-heren med fana si skal lægra seg på
vestsida, flokk i flokk. Hovdingen yver Efraims-sønerne
er Elisama, son åt Ammihud; 19 og flokken hans,
dei som er mynstra, er fyrti tusund og fem hundrad
mann. 20 Jamsides med deim skal Manasse-ætti liggja.
Hovdingen yver Manasse-sønerne er Gamliel, son åt
Pedasur; 21 og flokken hans, dei som er mynstra, er
tvo og tretti tusund og tvo hundrad mann. 22 Like eins
Benjamins-ætti. Hovdingen yver Benjamins-sønerne
er Abidan, son åt Gideoni; 23 og flokken hans, dei
som er mynstra, er fem og tretti tusund og fire hundrad
mann. 24 Heile hermagti som er mynstra i Efraims-
lægret, er hundrad og åtte tusund og eitt hundrad
mann. Dei skal vera i tridje fylkingi, so ofte de fer av
stad. 25 Dans-heren med fana si skal lægra seg mot
nord, flokk i flokk. Hovdingen yver Dans-sønerne er
Ahiezer, son åt Ammisaddai; 26 og flokken hans, dei
som er mynstra, er tvo og seksti tusund og sju hundrad
mann. 27 Jamsides med deim skal Assers-ætti liggja.
Hovdingen yver Assers-sønerne er Pagiel, son åt
Okran; 28 og flokken hans, dei som er mynstra, er ein
og fyrti tusund og fem hundrad mann. 29 Like eins
Naftali-ætti. Hovdingen yver Naftali-sønerne er Ahira,
son åt Enan; 30 og flokken hans, dei som er mynstra,
er tri og femti tusund og fire hundrad mann. 31 Heile
hermagti som er mynstra i Dans-lægret, er hundrad og
sju og femti tusund og seks hundrad mann. Dei skal
vera attarst i ferdi med fanorne sine kvar gong de tek i
veg.» 32 Dette var dei av Israels-sønerne som vart
mynstra, kvar etter si ætt; i alt var det seks hundrad
og tri tusund og fem hundrad og femti mann som var
mynstra i lægri, flokk etter flokk. 33 Men levitarne vart
ikkje mynstra saman med hitt Israels-folket; for det
hadde Herren sagt med Moses at han ikkje skulde
gjera. 34 Og Israels-sønerne gjorde i eitt og alt som
Herren hadde sagt med Moses; soleis lægra dei seg
under fanorne sine, og soleis drog dei fram, kvar etter
si ætt og med sine frendar.

3 No skal me nemna ætti åt Aron og Moses som ho
var den tid Herren tala til Moses på Sinaifjellet: 2
Sønerne hans Aron heitte Nadab - han var den eldste
- og Abihu og Eleazar og Itamar. 3 Det var namni
på Arons-sønerne, dei som vart salva til prestar og
innsette i preste-embættet. 4 Men Nadab og Abihu
døydde for Herrens åsyn, då dei bar uvigd eld fram
for Herren på Sinaiheidi, og dei hadde ingi søner.
Sidan stod Eleazar og Itamar fyre prestetenesta, under
Arons, far sin's, augo. 5 Og Herren tala til Moses,
og sagde: 6 «Lat Levi-ætti koma og ganga fram for
Aron, øvstepresten; dei skal vera honom til hjelp. 7
Dei skal syta for det som han og heile lyden treng
når dei stend framanfor møtetjeldet, og greida alt
arbeidet i gudshuset. 8 Og dei skal taka vare på alt
det som høyrer til møtetjeldet, og gjera alt som skal
gjerast for Israels-folket; for det er dei som skal greida
alt arbeidet i gudhuset. 9 Du skal gjeva levitarne
til Aron og sønerne hans: dei skal vera ei gåva til
honom frå Israels-folket. 10 Og Aron og sønerne hans
skal du setja til å styra preste-embættet; kjem nokon
annan innåt, so skal han lata livet.» 11 Og Herren tala
meir til Moses, og sagde: 12 «Sjå no hev eg sjølv
teke ut levitarne or Israels-lyden i staden for alle dei
frumborne, dei som kjem fyrst frå morsliv, hjå Israels-

folket: levitarne skal vera mine. 13 For mine er alle
dei frumborne. Den dagen eg slo i hel alt som var
frumbore i Egyptarlandet, vigde eg åt meg alt som er
frumbore hjå Israel, både folk og fe; meg høyrar det
til, meg, Herren.» 14 Og Herren tala atter til Moses
på Sinaiheidi, og sagde: 15 «Du skal mynstra Levi-
sønerne etter ætter og ættgreiner, og alle karfolk
som er yver ein månad gamle, skal du skriva inn i
manntalet.» 16 So mynstra Moses deim etter Herrens
ord, so han var fyresagd. 17 Sønerne hans Levi heitte
Gerson og Kahat og Merari. 18 Og sønerne hans
Gerson med ættgreinene deira heitte Libni og Sime'i.
19 Og sønerne hans Kahat med ættgreinene deira,
det var Amram og Jishar og Hebron og Uzziel. 20 Og
sønerne hans Merari med ættgreinene deira, det var
Mahli og Musi. Dette var Levi-ætterne med greinerne
deira. 21 Frå Gerson er Libni-ætti og Some'i-ætti; det er
dei me kallar Gersons-ætterne. 22 Då dei var mynstra,
og alle karfolk yver ein månad gamle var innskrivne
i manntalet, so var det sju tusund og fem hundrad
mann. 23 Gersons-ætterne hadde lægret attanfor
gudshuset, i vest. 24 Og hovdingen yver Gersons-
greini var Eljasaf, son åt Lael. 25 Det som Gersons-
ætterne skulde hava umsut med i møtetjeldet, det var
sjølve tjeldet: åklædetæpi og raggetæpi og tekkjet yver
deim, og tæpet til møtetjelddøri, 26 og lereftsgarden
kring tunet, og tæpet i porten til tunet kring gudshuset
og altaret, og togi som høyrde til, og alt som skulde
gjerast med det. 27 Frå Kahat er Amrams-ætti komi, og
Jishars-ætti, og Hebrons-ætti, og Uzziels-ætti; det er
dei me kallar Kahats-ætterne. 28 Då dei var innskrivne
i manntalet - alle karfolk yver ein månad gamle - so var
dei åtte tusund og tri hundrad mann, som skulde taka
vare på dei heilage tingi. 29 Kahats-ætterne hadde
lægret sitt på sudsida av gudshuset. 30 Hovdingen
yver Kahats-ætti og greinerne hennar var Elisafan,
son åt Uzziel. 31 Og det dei skulde hava umsut med,
var lovtavlekista og bordet og ljosestaken og altari og
forhenget, og dei heilage gognerne som dei hadde
til gudstenesta, og alt som skulde gjerast med det.
32 Den høgste hovdingen i Levi-ætti var Eleazar, son
åt Aron, øvstepresten. Han hadde tilsynet med deim
som gjorde alt som skulde gjerast i heilagdomen. 33
Frå Merari er Mahli-ætti og Musi-ætti komne; det er
dei me kallar Merari-ætterne. 34 Då dei var mynstra,
og alle karfolk yver ein månad gamle var innskrivne
i manntalet, so var det seks tusund og tvo hundrad
mann. 35 Hovdingen yver Merari-ætti og greinerne
hennar var Suriel, son åt Abiha'il. Dei hadde lægret sitt
på nordsida av gudshuset. 36 Det som Merari-sønerne
var sette til, det var å hava umsut med plankarne i
huset, og tverstokkarne og stolparne og stabbarne, og
all reidskapen, og alt som skulde gjerast med det, 37 og
stolparne til tungarden, med stabbarne og pålarne og
togi som høyrde til. 38 Framanfor gudshuset, mot aust,
midt framfor møtetjeldet, på solsida, der hadde Moses
og Aron og sønerne hans lægret sitt. Dei var det som
bar umsut for alt som skulde gjerast i heilagdomen, alt
som skulde gjerast for Israels-sønerne; kom nokon
annan innåt, so laut han lata livet. 39 Dei som vart
talde i Levi-ætti, dei som Moses og Aron talde, ætt for
ætt, etter Herrens ord - alle karfolk yver ein månad
gamle - var i alt tvo og tjuge tusund mann. 40 Og
Herren sagde til Moses: «Tel alle frumborne karfolk
av Israels-lyden som er yver ein månaden gamle, og
skriva deim inn i manntalet, 41 og lat so meg, Herren,
få levitarne i staden for deim, og feet åt levitarne i
staden for alt det frumborne feet hjå Israels-folket.» 42
So talde Moses alle dei frumborne Israels-sønerne,
som Herren hadde sagt med honom. 43 Og då han
hadde skrive upp namni på alle frumborne karfolk som
var yver ein månad gamle, og rekna deim i hop, so
var talet tvo og tjuge tusund og tvo hundrad og tri og
sytti. 44 Då sagde Herren til Moses: 45 «Tak levitarne i
staden for alle dei frumborne Israels-sønerne, og feet
åt levitarne i staden for feet deira; og levitarne skal
høyra meg til, meg, Herren. 46 Og i utløysnad for dei
tvo hundrad og tri og sytti som det er fleire frumborne
israelitar enn levitar, 47 skal du taka fem dalar for kvar;
dei skal du taka i heilag mynt, etter tjuge gera i dalaren,
48 og pengarne skal du gjeva til Aron og sønerne hans
i utløysnad for dei frumborne som er yver talet.» 49 So
fekk Moses løysepengarne for dei som var att av dei
frumborne Israels-sønerne, då dei hine var utløyste
med levitarne; 50 av desse same frumborne Israels-
borni fekk han pengarne - det var eit tusund og tri
hundrad og fem og seksti dalar i heilag mynt - 51 og
han gav deim til Aron og sønerne hans etter Herrens
ord; for so hadde Herren sagt med honom.

**4** Og Herren tala atter til Moses og Aron, og sagde:
2 «I Levi-ætti skal du taka tal på deim av Kahats, 3
sønerne som er millom tretti og femti år, og som er
arbeidsføre so dei kann gjera tenesta i møtetjeldet,
du skal mynstre deim etter ætter og ættgreiner. 4 Det
som Kahats-sønerne skal stella med i møtetjeldet,
det er dei høgheilage tingi. 5 Når lægret skal flytjast,
so skal Aron og sønerne hans ganga inn, og taka
ned forhengtæpet, og breida det yver lovtavlekista. 6
Ovanpå det skal dei leggja ein feld av markuskinn,
og breida ein heilvoven purpurduk yver, og so setja
berestengerne i. 7 Yver skodebrødsbordet skal dei
breida eit purpurklæde, og setja fati og skålerne
og bollarne og drykkofferkannorne uppå det, og det

dagvisse brødet skal og liggja der. **8** Og yver alt dette
skal dei breida ein karmesinraud klædesduk, og sveipa
ein feld av markuskinn um det, og setja berestengerne
i. **9** So skal dei taka eit purpurklæde og breida yver
den bjarte ljosestaken og lamporne som høyrer til, og
sakserne og saksplatorne og alle oljekopparne som dei
hev når dei steller lamporne, **10** og sveipa både staken
og alle desse gognerne inn i ein feld av markuskinn,
og leggja det på ei berebår. **11** Yver det gullaltaret
skal dei og breida eit purpurklæde, og sveipa ein feld
av markuskinn um det, og so setja berestengerne i.
**12** So skal dei taka alle dei gognerne som dei hev
til gudstenesta i heilagdomen, og leggja deim i eit
purpurklæde, og sveipa ein feld av markuskinn um
deim, og leggja dei på ei bår. **13** Storaltaret skal dei
reinska for oska, og breida eit skarlaksklæde yver
det **14** og leggja uppå det alle gognerne som dei
hev til altartenesta: glodpannorne og steikjespiti og
eldskuflerne og blodbollarne, alle gognerne som høyrer
til altaret, og so skal dei breida ein feld av markuskinn
yver det og setja berestengene i. **15** Og når Aron og
sønerne hans er ferdige og hev sveipt inn dei heilage
tingi og alle dei gognerne som høyrer til heilagdomen,
og heren skal taka ut, då skal dei hine Kahats-sønerne
koma og bera; men dei må ikkje røra dei heilage
tingi; gjer dei det, lyt dei døy. Dette er det Kahats-
sønerne skal bera av det som høyrer til møtetjeldet. **16**
Eleazar, son åt Aron, øvstepresten, skal hava tilsynet
med lampeoljen og den angande røykjelsen og det
daglege grjonofferet og salvingsoljen, og med heile
gudshuset og alt som der finst av heilage ting og
gogner som høyrer til.» **17** Og Herren tala atter til
Moses og Aron, og sagde: **18** «Lat ikkje Kahats-ætti
og greinerne hennar verta utrudd or Levi-folket! **19**
Høyr no kva de skal gjera for deim, so dei kann få liva
og ikkje tarv døy når dei kjem innåt dei heilage tingi:
Aron og sønerne hans skal koma, og setja deim, ein
for ein, til det arbeidet dei hev å gjera, og syna deim
byrderne dei skal bera. **20** Men dei må ikkje ganga
inn, ikkje so mykje som ein augneblink, og skoda det
heilage; for då lyt dei døy.» **21** Og Herren tala meir til
Moses, og sagde: **22** «Av Gersons-sønerne skal du
og taka tal på deim som er millom tretti og femti år,
**23** og er arbeidsføre so dei kann gjera det som skal
gjerast i møtetjeldet, og du skal mynstra deim etter
ætter og ættgreiner. **24** Høyr no kva det er Gersons-
ætterne hev å gjera, kva dei skal taka vare på, og
kva dei skal føra: **25** dei skal føra åklædeveverne
som høyrer til gudshuset, og møtetjeldet og taket og
markuskinns-tekkjet som ligg ovanpå taket, og tæpet
til møtetjelddøri, **26** og lereftsgarden, og dørtæpet til
porten åt tunet kring huset og altaret, og tjeldtogi, og
alle arbeidsgreidorne som høyrer til; og alt som er å
gjera med det, skal dei greida. **27** Etter det som Aron
og sønerne hans segjer, skal Gersons-sønerne retta
seg i alle måtar, både med føringi og med alt anna
arbeid dei hev, og de lyt setja deim fyre å taka vel vare
på alt det dei førar. **28** Dette er det Gersons-ætterne
skal stella med i møtetjeldet, og Itamar, son åt Aron,
øvstepresten, skal rettleida deim i alt dei hev å gjera.
**29** So skal du telja deim av Merari-sønerne **30** som er
millom tretti og femti år, og som er arbeidsføre so dei
kann gjera det som skal gjerast i møtetjeldet, og du
skal mynstre deim etter ætter og ættgreiner. **31** Det dei
hev å føra og skal hava umsut med i møtetjeldet, det er
plankarne i huset, med tverstokkarne og stolparne og
stabbarne som høyrer til, **32** og stolparne i tungarden,
med stabbar og pålar og tog, og all reidskapen som
høyrer til, og alt som skal gjerast med det, og de
skal nemna for deim kvar ting som de vil hava deim
til å taka vare på og føra. **33** Dette er det Merari-
ætterne skal gjera, det dei skal stella med i møtetjeldet,
og Itamar, son åt Aron, øvstepresten, skal rettleida
deim.» **34** Då no Moses og Aron og formennerne for
lyden hadde mynstra Kahats-sønerne, ætt for ætt og
ættgrein for ættgrein, **35** so mange av deim som var
millom tretti og femti år gamle, og arbeidsføre so dei
kunde gjera tenesta i møtetjeldet, **36** so var det tvo
tusund og sju hundrad og femti mann som var mynstra,
kvar etter si ætt. **37** Det var talet på deim som vart
mynstra i Kahats-ætterne, deim som gjorde tenesta i
møtetjeldet, og som Moses og Aron mynstra etter det
bodet som Herren hadde sendt Moses med. **38** Då
Gersons-sønerne var mynstra ætt for ætt og ættgrein
for ættgrein, **39** so mange av deim som var millom tretti
og femti år gamle, og arbeidsføre so dei kunde gjera
tenesta i møtetjeldet, **40** so var det tvo tusund og seks
hundrad og tretti mann som var mynstra, kvar etter si
ætt og ættgrein. **41** Det var talet på deim som vart
mynstra i Gersons-ætterne, deim som gjorde tenesta
i møtetjeldet, og som Moses og Aron mynstra etter
Herrens bod. **42** Då Merari-sønerne og ætterne deira
var mynstra ætt for ætt og ættgrein for ættgrein, **43** so
mange av dei som var millom tretti og femti år gamle,
og arbeidsføre so dei kunde gjera tenesta i møtetjeldet,
**44** so var det tri tusund og tvo hundrad mann som var
mynstra, kvar etter si ætt. **45** Det var talet på deim
som vart mynstra i Merari-ætterne, deim som Moses
og Aron mynstra etter det bodet som Herren hadde
sendt Moses med. **46** Då alle levitar millom tretti og
femti år var talde, alle som var føre til å gjera tenesta i
møtetjeldet med bering eller anna arbeid, **47** og Moses
og Aron og Israels hovdingar hadde mynstra deim etter
ætter og ættgreiner, **48** so var det åtte tusund og fem

hundrad og åtteti mann. 49 Dei vart no etter Herrens
bod sette til å gjera kvar sitt arbeid og bera kvar si
byrd og greida kvar si ærend, og Moses rettleide deim,
som Herren hadde sagt med honom.

5 Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Seg til
Israels-sønerne at dei skal senda alle spillsjuke ut
or lægret, og alle som hev flod, og alle som hev vorte
ureine av lik; 3 anten det er menner eller kvende, so
skal de hava deim burt; ut or lægret skal de senda
deim, so dei ikkje skal sulka lægret dykkar, der eg bur
midt imillom dykk.» 4 Og Israels-sønerne gjorde so, og
sende deim ut or lægret. Som Herren hadde sagt med
Moses, so gjorde Israels-folket. 5 Og Herren tala atter
til Moses, og sagde: 6 «Seg til Israels-folket: «Hev ein
mann eller ei kvinna gjort ei eller onnor synd, og vore
utrue mot Herren, so dei ber på ei skuld, 7 so skal dei
skrifta den syndi dei hev gjort, og det dei hev kome
til med urett, skal dei gjeva att alt saman, og endå
leggja attåt femteparten av verdet. Dei skal gjeva det
til den dei gjorde urett imot; 8 liver han ikkje lenger, og
finst det ingen kravsmann etter honom, som dei kann
greida ut boti til, so skal den boti dei lyt leggja, gjevast
åt Herren og høyra presten til, umfram soningsveren,
som skal ofrast til soning for deim. 9 Og alle reidor, alle
dei vigde gåvorne som Israels-sønerne kjem til presten
med, dei skal vera hans. 10 Alt det som folk vigjer, skal
han hava; det dei gjev presten skal høyra honom til.»»
11 Og Herren tala meir til Moses, og sagde: 12 «Tala til
Israels-sønerne, og seg til deim: «Kjem det åbryskap
yver ein mann, so han mistrur kona si, og kona hev
vore utru mot honom og lagt seg burt, 13 men han
ikkje veit det visst, og det ikkje kann provast at ho hev
skjemt seg ut og lege med ein annan mann, 14 etter di
ingen hev kome yver deim og kann vitne imot henne
- eller kjem åbryskapen yver honom, so han mistrur
kona si, ho ikkje hev skjemt seg ut, 15 so skal han taka
kona med seg til presten, og hava med ei offergåva for
henne; det skal vera ei kanna byggmjøl; men han skal
ikkje slå olje på mjølet, eller leggja røykjelse attmed; for
det er eit åbryskaps-grjonoffer, eit minnings-grjonoffer:
som skal minna um eit brot. 16 Presten skal leida kona
fram for Herrens åsyn. 17 Han skal henta vigslevatn i
ei leirskål, og taka noko av dusti som er på golvet i
gudshuset og hava uppi vatnet, 18 og når han hev leidt
kona fram for Herrens åsyn, skal han løysa upp håret
hennar og gjeva henne minningsofferet i henderne - eit
åbryskapsoffer skal det vera - og i si hand skal han
halda det vonde vatnet som valdar våde. 19 So skal
han lata kona gjera eiden, og segja til henne: «So sant
ingen annan mann hev lege hjå deg, og so sant du
ikkje hev vore utru mot mannen din og skjemt deg ut,
so skal du inkje mein hava av dette vonde vatnet som
valdar våde. 20 Men er det so at du hev vore utru mot
mannen din og skjemt deg ut, og at ein annan enn din
eigen mann hev lege hjå deg» 21 - no skal presten
lesa upp våbøn-eiden for kona og segja til henne -:
«so skal Herren gjera deg til ei våbøn og ei banna hjå
folket ditt; han skal lata mjødmi di minka og buken
din bolna, 22 og dette vatnet som valdar våde, skal
siga ned i livet ditt, so buken din bolnar og mjødmi
di minkar!» Og kona skal segja: «Ja vel! Ja vel!» 23
Presten skal skriva desse våbønerne upp på eit blad,
og två deim av i det vonde vatnet. 24 Sidan skal han
lata kona drikka det vonde vatnet som valdar våde,
og ulukkevatnet skal siga ned i livet hennar og valda
verk. 25 So skal presten taka åbryskapsofferet utor
handi på kvinna og svinga det att og fram for Herrens
åsyn, og bera det fram åt altaret; 26 og han skal taka
ein neve av mjølet og brenna på altaret, so røyken
stig upp imot himmelen til ei minning. Og når han hev
gjeve kona vatnet, og ho hev drukke det, 27 då skal
det henda at dersom kona hev skjemt seg ut og vore
utru mot mannen sin, so skal ulukkevatnet siga ned i
livet hennar og valda verk; buken hennar skal bolna og
mjødmi minka; og ho skal verta til ei våbøn hjå folket
sitt. 28 Men er ho rein, og ikkje hev skjemt seg ut, so
skal ho vera uskadd og barnkjømd. 29 Dette de lovi um
åbryskap: når ei kona hev vore utru mot mannen sin
og skjemt seg ut, 30 eller når det kjem ei åbryskap yver
ein mann, so han mistrur kona si, då skal han leida
kona fram for Herrens åsyn, og presten skal gjera med
henne so som er sagt i denne lovi. 31 Mannen skal
vera fri for skuld, men kona lyt lida for brotet sitt.»»

6 Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Tala
til Israels-sønerne, og seg til deim: «Når ein mann
eller kvinna hev gjort ein heilag lovnad, og vigt seg
til Herren, 3 so skal dei halda seg ifrå vin og sterke
drykkjer; dei må ikkje smaka vinedik eller annan sterk
edik; dei må ikkje drikka nokon drykk som er tillaga
av druvor, og ikkje eta druvor, korkje friske eller turre.
4 So lenge vigsla varer, må dei ikkje eta noko som
kjem frå vintreet, ikkje ein gong kart eller visar. 5 So
lenge vigslingslovnaden gjeld, må det ikkje koma saks
på hovudet åt den som er vigd; alt til den tidi er ute
som han hev vigt til Herren, skal han vera helga; han
skal lata hovudhåret sitt veksa fritt. 6 So lenge han
er vigd til Herren, må han ikkje koma innåt noko lik.
7 Um far eller mor eller bror eller syster hans døyr,
so må han ikkje for deira skuld gjera seg urein; for
vigsla åt hans Gud er på hovudet hans. 8 Alt medan
vigsla varer, er han helga åt Herren. 9 Brådøyr det
nokon innmed honom, og fører ureinskap yver det
vigde hovudet hans, so skal han raka hovudet sitt den
dagen han vert rein att; den sjuande dagen skal han

raka det; 10 og den åttande dagen skal han koma til
presten, til møtetjelddøri, med tvo turtelduvor eller tvo
duveungar, 11 og presten skal ofra deim, den eine
til syndoffer og den andre til brennoffer, so han fær
soning for den syndi han førde yver seg, då han kom
innåt liket. So skal han same dagen helga hovudet sitt,
12 og vigja seg for Herren for den tid han hev lova, og
bera fram eit årsgamalt lamb til skuldoffer. Den fyrste
vigslingstidi gjeld ikkje meir, etter di vigsla hans vart
utskjemd. 13 So er lovi um den som hev vigt seg til
Herren: Når vigslingstidi hans er ute, skal dei leida
honom fram åt møtetjelddøri, 14 og han skal bera fram
gåvorne sine for Herren: eit årsgamalt lytelaust verlamb
til brennoffer, og eit årsgamalt lytelaust saulamb til
syndoffer, og ein lytelaus ver til takkoffer, 15 og ei
korg med søtt omnsbrød som er baka av fint mjøl, og
hellekakor med olje i, og oljesmurde tunnbrødleivar,
med grjonoffer og drykkoffer som høyrer til. 16 Og
presten skal bera det fram for Herrens åsyn, og ofra
syndofferet og brennofferet hans; 17 og av veren skal
han stella til eit takkoffer åt Herren, og bera det fram
saman med søtebrødkorgi, og so skal han bera fram
grjonofferet og drykkofferet hans. 18 Den vigde skal
raka det vigde hovudet sitt i møtetjelddøri, og taka
det vigde hovudhåret sitt, og leggja det på elden som
brenn under takkofferet. 19 Og presten skal taka den
eine bogen av veren, kokt, og ei hellekaka av deim
som er i korgi, og ein tunnbrødleiv, og leggja det i
henderne på den vigde, etter han hev raka av seg
det vigde håret sitt. 20 Desse gåvorne skal presten
svinga for Herrens åsyn; dei er heilage, og skal høyra
presten til, umfram svingebringa og lyftelåret. Sidan
kann den vigde drikka vin. 21 Dette krev lovi av den
som hev gjort vigslingslovnaden: desse gåvorne skal
han bera fram for Herren attpå vigsla si umfram det
han elles hev råd til; han skal fara åt som det høver
med lovnaden han hev gjort, og fylgja dei fyresegnerne
som gjeld for vigsla hans.»» 22 Og Herren tala atter til
Moses, og sagde: 23 «Tala til Aron og sønerne hans,
og seg: «So skal de segja når de velsignar Israels-
borni: 24 «Herren velsigne deg og vare deg! 25 Herren
late sit andlit lysa mot deg, og vere deg nådig! 26
Herren lyfte si åsyn på deg, og gjeve deg fred!»» 27
Dei skal lysa mitt namn yver Israels-borni, so vil eg
velsigna deim.»

**7** Då Moses hadde fenge reist gudshuset og salva og
vigsla det, og hadde salva og vigt all husbunaden
og altaret med alt som til høyrde, 2 då kom Israels
jarlar, ættehovdingarne og fylkesstyrararne, dei som
hadde stade for mynstringi, 3 og førde offergåvorne
sine fram for Herrens åsyn; det var seks husvogner og
tolv uksar, ei vogn frå tvo og tvo av hovdingarne og ein
ukse frå kvar av deim. Det kom dei til gudshuset med,
4 og Herren sagde til Moses: 5 «Tak i mot det av deim!
De skal hava det til arbeidet ved møtetjeldet, og du
skal gjeva det til levitarne, etter som kvar treng det
til arbeidet sitt.» 6 So tok Moses imot vognerne og
uksarne, og gav deim til levitarne: 7 Gersons-sønerne
gav han tvo vogner og fire uksar som dei skulde hava
til å greida arbeidet sitt med. 8 Og Merari-sønerne gav
han fire vogner og åtte uksar som dei skulde greida
sitt arbeid med; og Itamar, son åt Aron, øvstepresten,
skulde rettleida deim. 9 Kahats-sønerne gav han ikkje
noko; for dei skulde taka vare på dei heilage tingi,
og bera deim på herdarne. 10 Den dagen altaret vart
salva, kom hovdingarne med vigslegåvor, og bar deim
fram åt altaret. 11 Då sagde Herren til Moses: «Lat
hovdingarne bera fram gåva si til altarvigsla kvar sin
dag.» 12 Den som bar fram gåva si fyrste dagen,
var Nahson, son åt Amminadab, av Juda-ætti. 13
Gåva hans var eit sylvfat som vog åtte merker, og ein
sylvbolle som vog fire og ein halv mork, heilag vegt,
båe fyllte med fint mjøl, som var blanda med olje, til
grjonoffer, 14 og ei gullskål som vog ti lodd, og var fyllt
med røykjelse, 15 og ein ung ukse og ein ver og eit
årsgamalt verlamb til brennoffer, 16 og ein geitebukk til
syndoffer, 17 og til takkofferet tvo naut og fem verar og
fem bukkar og fem årsgamle verlamb. Det var gåva
frå Nahson, son åt Amminadab. 18 Andre dagen kom
Netanel, son åt Suar, hovdingen yver Issakars-ætti, 19
og bar fram gåva si: eit sylvfat som vog åtte merker, og
ein sylvbolle som vog fire og ei halv mork, etter heilag
vegt, båe fyllte med fint mjøl, som var blanda med olje,
til grjonoffer, 20 og ei gullskål som vog ti lodd, og var
fyllt med røykjelse, 21 og ein ung ukse og ein ver og eit
årsgamalt verlamb til brennoffer, 22 og ein geitebukk til
syndoffer, 23 og til takkofferet tvo naut og fem verar og
fem bukkar og fem årsgamle verlamb. Det var gåva frå
Netanel, son åt Suar. 24 Tridje dagen kom hovdingen
yver Sebulons-sønerne, Eliab, son åt Helon, 25 med
gåva si, og det var eit sylvfat som vog åtte merker, og
ein sylvbolle som vog fire og ei halv mork, etter heilag
vegt, båe fyllte med fint mjøl, som var blanda med olje,
til grjonoffer, 26 og ei gullskål som vog ti lodd, og var
fylt med røykjelse, 27 og ein ung ukse og ein ver og eit
årsgamalt verlamb til brennoffer, 28 og ein geitebukk til
syndoffer, 29 og til takkofferet tvo naut og fem verar og
fem bukkar og fem årsgamle verlamb. Det var gåva frå
Eliab, son åt Helon. 30 Fjorde dagen kom hovdingen
yver Rubens-sønerne, Elisur, son åt Sede'ur. 31 Gåva
han bar fram, var eit sylvfat som åtte merker, og ein
sylvbolle som vog fire og ei halv mork, etter heilag
vegt, båe fyllte med fint mjøl, som var blanda med olje,
til grjonoffer, 32 og ei gullskål som vog ti lodd, og var

fyllt med røykjelse, **33** og ein ung ukse og ein ver og eit
årsgamalt verlamb til brennoffer, **34** og ein geitebukk til
syndoffer, **35** og til takkofferet tvo naut og fem verar og
fem bukkar og fem årsgamle verlamb. Det var gåva frå
Elisur, son åt Sede'ur. **36** Femte dagen kom hovdingen
yver Simeons-sønerne, Selumiel, son åt Surisaddai. **37**
Gåva han hadde med seg, var eit sylvfat som vog åtte
merker, og ein sylvbolle som vog fire og ei halv mork,
etter heilag vegt, båe fyllte med fint mjøl, som var
blanda med olje, til grjonoffer, **38** og ei gullskål som vog
ti lodd, og var fyllt med røykjelse, **39** og ein ung ukse
og ein ver og eit årsgamalt verlamb til brennoffer, **40** og
ein geitebukk til syndoffer, **41** og til takkofferet tvo naut
og fem verar og fem bukkar og fem årsgamle verlamb.
Det var gåva frå Selumiel, son åt Surisaddai. **42** Sette
dagen kom hovdingen yver Gads-sønerne, Eljasaf,
son åt Re'uel. **43** Og gåva hans var eit sylvfat som vog
åtte merker, og ein sylvbolle som vog fire og ei halv
mork, etter heilag vegt, båe fyllte med fint mjøl, som
var blanda med olje, til grjonoffer, **44** og ei gullskål som
vog ti lodd, og var fyllt med røykjelse, **45** og ein ung
ukse og ein ver og eit årsgamalt verlamb til brennoffer,
**46** og ein geitebukk til syndoffer, **47** og til takkofferet tvo
naut og fem verar og fem bukkar og fem årsgamle
verlamb. Det var gåva frå Eljasaf, son åt Re'uel. **48**
Sjuande dagen kom hovdingen yver Efraims-sønerne,
Elisama, son åt Ammihud. **49** Gåva hans var eit sylvfat
som vog åtte merker, og ein sylvbolle som vog fire
og ei halv mork, etter heilag vegt, båe fyllte med fint
mjøl, som var blanda med olje, til grjonoffer, **50** og ei
gullskål som vog ti lodd, og var fyllt med røykjelse, **51**
og ein ung ukse og ein ver og eit årsgamalt verlamb
til brennoffer, **52** og ein geitebukk til syndoffer, **53** og
til takkofferet tvo naut og fem verar og fem bukkar
og fem årsgamle verlamb. Det var gåva frå Elisama,
son åt Ammihud. **54** Åttande dagen kom hovdingen
yver Manasse-sønerne, Gamliel, son åt Pedasur. **55**
Hans gåva var og eit sylvfat som vog åtte merker,
og ein sylvbolle som vog fire og ei halv mork, etter
heilag vegt, båe fyllte med fint mjøl, som var blanda
med olje, til grjonoffer, **56** og ei gullskål som vog ti
lodd, og var fyllt med røykjelse, **57** og ein ung ukse
og ein ver og eit årsgamalt verlamb til brennoffer, **58**
og ein geitebukk til syndoffer, **59** og til takkofferet tvo
naut og fem verar og fem bukkar og fem årsgamle
verlamb. Det var gåva frå Gamliel, son åt Pedasur.
**60** Niande dagen kom hovdingen yver Benjamins-
sønerne, Abidan, son åt Gideoni. **61** Han gav eit sylvfat
som vog åtte merker, og ein sylvbolle som vog fire
og ei halv mork, etter heilag vegt, båe fyllte med fint
mjøl, som var blanda med olje, til grjonoffer, **62** og ei
gullskål som vog ti lodd, og var fyllt med røykjelse, **63**
og ein ung ukse og ein ver og eit årsgamalt verlamb
til brennoffer, **64** og ein geitebukk til syndoffer, **65** og
til takkofferet tvo naut og fem verar og fem bukkar
og fem årsgamle verlamb. Det var gåva frå Abidan,
son åt Gideoni. **66** Tiande dagen kom hovdingen yver
Dans-sønerne, Ahiezer, son åt Ammisaddai. **67** Det
han gav var eit sylvfat som vog åtte merker, og ein
sylvbolle som vog fire og ei halv mork, etter heilag
vegt, båe fyllte med fint mjøl, som var blanda med olje,
til grjonoffer, **68** og ei gullskål som vog ti lodd, og var
fyllt med røykjelse, **69** og ein ung ukse og ein ver og eit
årsgamalt verlamb til brennoffer, **70** og ein geitebukk til
syndoffer, **71** og til takkofferet tvo naut og fem verar og
fem bukkar og fem årsgamle verlamb. Det var gåva frå
Ahiezer, son åt Ammisaddai. **72** Ellevte dagen kom
hovdingen yver Assers-sønerne, Pagiel, son åt Okran.
**73** Han og gav eit sylvfat som vog åtte merker, og ein
sylvbolle som vog fire og ei halv mork, etter heilag
vegt, båe fyllte med fint mjøl, som var blanda med olje,
til grjonoffer, **74** og ei gullskål som vog ti lodd, og var
fylt med røykjelse, **75** og ein ung ukse og ein ver og eit
årsgamalt verlamb til brennoffer, **76** og ein geitebukk til
syndoffer, **77** og til takkofferet tvo naut og fem verar
og fem bukkar og fem årsgamle verlamb. Det var
gåva frå Pagiel, son åt Okran. **78** Tolvte dagen kom
hovdingen yver Naftali-sønerne, Ahira, son åt Enan,
**79** og han gav og eit sylvfat som vog åtte merker, og
ein sylvbolle som vog fire og ei halv mork, etter heilag
vegt, båe fyllte med fint mjøl, som var blanda med
olje, til grjonoffer, **80** og ei gullskål som vog ti lodd,
og var fyllt med røykjelse, **81** og ein ung ukse og ein
ver og eit årsgamalt verlamb til brennoffer, **82** og ein
geitebukk til syndoffer, **83** og til takkofferet tvo naut og
fem bukkar og fem årsgamle verlamb. Det var gåva
frå Ahira, son åt Enan. **84** Dette var vigslegåvorne frå
Israels hovdingar då altaret vart salva: Tolv sylvfat var
det og tolv sylvbollar og tolv gullskåler. **85** Kvart sylvfat
vog åtte merker, og kvar sylvbolle fire og ei halv mork;
alle sylvkopparne i hop vog hundrad og femti merker
etter heilag vegt. **86** Dei tolv gullskålerne, som var
fyllte med røykjelse, vog ti lodd kvar etter heilag vegt;
alle gullskålerne i hop vog sju og ei halv mork. **87** Av
brennoffer-fe var det i alt tolv uksar og tolv verar og
tolv årsgamle verlamb, med grjonoffer som til høyrde,
og tolv geitebukkar til syndoffer, **88** og av takkoffer-fe
fire og tjuge uksar og seksti verar og seksti bukkar og
seksti årsgamle verlamb. Det var vigslegåvorne som
vart framborne då altaret var salva. **89** Då so Moses
gjekk inn i møtetjeldet og skulde tala med Herren, so
høyrde han ei røyst som tala til honom frå romet yver
lovtavlekista millom båe kerubarne - der tala Gud til
honom.

**8** Og Herren sagde til Moses: **2** «Tala til Aron, og seg
til honom: «Når du set upp lamporne, so skal du
laga det so at alle sju lamporne kastar ljoset frametter,
på romet framanfor ljosestaken.»» **3** Og Aron gjorde
so: han sette upp lamporne so ljoset fall frametter, på
romet framanfor ljosestaken, som Herren hadde sagt
med honom. **4** Ljosestaken var av drive gull; både
leggen og kruna var drive arbeid. Etter det bilætet som
Herren synte Moses, hadde dei gjort ljosestaken. **5**
Og Herren tala atter til Moses, og sagde: **6** «Du skal
taka levitarne fram or Israels-folket og reinsa deim.
**7** So skal du fara åt når du reinsar deim: Du skal
skvetta skiringsvatn på deim, og dei skal fara yver
heile likamen sin med rakekniven, og två klædi sine,
so dei er reine. **8** So skal dei taka ein ung ukse og
grjonofferet som høyrer til: fint mjøl blanda med olje,
og til syndoffer skal du taka ein annan ung ukse. **9**
Du skal segja med levitarne, at dei skal koma hit til
møtetjeldet, og so skal du kalla i hop heile Israels-
lyden, **10** og føra levitarne fram for Herrens åsyn. So
skal Israels-sønerne leggja henderne på levitarne, **11**
og Aron skal vigja deim til Herren for Israels-folket
på same visi som når han svinger offeret for Herrens
åsyn; og sidan skal dei tena Herren; det skal vera deira
kall. **12** So skal levitarne leggja henderne på hovudet
åt uksarne, og du skal ofra den eine til syndoffer og
den andre til brennoffer åt Herren, og gjera soning for
levitarne. **13** So skal du då føra levitarne fram for Aron
og sønerne hans, og vigja deim til Herren på same visi
som når offeret vert svinga att og fram for Herrens
åsyn. **14** Du skal skilja levitarne ut ifrå hitt Israels-
folket, og dei skal høyra meg til, **15** og sidan, når du
hev reinsa og vigt deim, skal dei koma og gjera tenesta
i møtetjeldet. **16** For dei er ei gåva til meg, ei gåva frå
heile Israels-folket; eg valde meg deim i staden for det
som kjem fyrst frå morsliv, alt det som er frumbore hjå
Israels-folket. **17** For mine er alle dei frumborne hjå
Israels-folket, både folk og fe; den gongen eg slo i hel
alt frumbore i Egyptarlandet, helga eg deim åt meg.
**18** Men no hev eg teke levitarne i staden for alle dei
frumborne Israels-borni; **19** eg tok deim fram or Israels-
folket, og gav deim til Aron og sønerne hans, på den
måten at dei skulde greida tenesta i møtetjeldet for
Israels-sønerne og gjera soning for deim, so Israels-
sønerne ikkje skal koma innåt heilagdomen og soleis
føra ulukka yver seg.» **20** Moses og Aron og heile
Israels-lyden gjorde i alle måtar so med levitarne som
Herren hadde sagt med Moses. **21** Og levitarne reinsa
seg med skiringsvatnet, og tvo klædi sine, og Aron
vigde deim for Herrens åsyn på same visi som når
eit svingeoffer vert vigt, og gjorde soning for deim, so
dei vart reine, **22** og so kom dei og gjorde arbeidet
sitt i møtetjeldet, for augo åt Aron og sønerne hans.
Som Herren hadde sagt Moses fyre, so gjorde dei med
levitarne. **23** Og Herren tala atter til Moses, og sagde:
**24** «Dette er lovi som gjeld for levitarne: Frå dei er fem
og tjuge år gamle, skal dei standa i tenesta og gjera alt
det arbeidet som trengst i møtetjeldet; **25** men so snart
dei hev fyllt femti år, skal dei gjeva seg utor tenesta,
og ikkje arbeida lenger. **26** Dei kann vera brørne sine
til hjelp i møtetjeldet med eitt og anna som er å gjera
der, men dei skal ikkje hava fast tenesta. Soleis skal
du skipa det med levitarne og tenesta deira.»

**9** Året etter dei hadde fare frå Egyptarlandet, i den
fyrste månaden, tala Herren til Moses på Sinaiheidi,
og sagde: **2** «Israels-folket skal halda påskehelg på
den tid som er sett: **3** frå den fjortande dagen i denne
månaden, solegladsbil, skal de høgtida påskehelgi si
visse tid; alle dei lover og fyresegner som gjeld for
påskehelgi, skal de fylgja.» **4** Då tala Moses til Israels-
sønerne, og sagde dei skulde høgtida påskehelgi, **5**
og so heldt dei påskehelg på Sinaiheidi den fjortande
dagen i den fyrste månaden, solegladsbil; Israels-borni
gjorde i alle måtar som Herren hadde sagt med Moses.
**6** Det var nokre menner som hadde vorte ureine av eit
lik, og ikkje kunde halda høgtid den dagen; dei gjekk
same dagen fram for Moses og Aron **7** og sagde til
honom: «Me hev vorte ureine av eit lik. Skal me for den
skuld verta attsette, og ikkje få bera fram gåvorne våre
for Herren i rett tid saman med hitt Israels-folket?»
**8** Då sagde Moses til deim: «Venta eit bil, so eg fer
høyra kva Herren segjer um dette!» **9** Og Herren tala
til Moses, og sagde: **10** «Tala til Israels-sønerne, og
seg: «Um nokon av dykk eller etterkomarane dykkar
hev vorte ureine av lik, eller er på langferd, so skal dei
like fullt halda påskehelg for Herren. **11** Den fjortande
dagen i den andre månaden, solegladsbil, skal dei eta
påskelambet; attåt søtt brød og bitre urter skal dei eta
det. **12** Dei må ikkje leiva noko av det til morgonen,
og ikkje brjota noko bein i det. Alle dei fyresegnerne
som gjeld for påskehelgi, skal dei fylgja. **13** Men den
som er rein, og ikkje er ute og ferdast, og som endå
let vera å halda påskehelg, han skal rydjast ut or ætti
si, for di han ikkje hev bore fram gåvorne til Herren i
rette tid; den mannen skal lida for syndi si. **14** Og når
ein framand som held til hjå dykk, vil halda påskehelg
for Herren, so skal han og fylgja dei fyresegnerne og
loverne som gjeld for påskehelgi. Det skal gjelda ei lov
for dykk alle, for den framande so vel som den som
den som er fødd og alen i landet.»» **15** Den dagen
gudshuset vart reist, sveipte skyi seg kringum huset,
um tjeldet som gøymde Guds lov; men um kvelden var
det som ein eld å sjå yver huset, og den heldt seg

der alt til morgonen. 16 Og soleis var det stødt: um
dagen låg det ei sky yver gudshuset, og um natti ein
eldsljoske. 17 Og kvar gong skyi letta seg upp ifrå
tjeldet, tok Israels-sønerne ut, og der som skyi let seg
ned, der lægra dei seg; 18 etter Herrens ord tok dei
ut, og etter Herrens ord slo dei læger; men so lenge
skyi låg yver gudshuset, heldt dei seg i lægret. 19 Låg
skyi lenge yver gudshuset, so retta Israels-borni seg
etter det som Herren hadde sagt, og tok ikkje ut. 20
Stundom låg skyi berre nokre få dagar yver gudshuset;
då heldt dei seg i ro so lenge Herren vilde, og tok ut
når han vilde. 21 Stundom låg skyi der berre frå kveld
til morgon; då tok dei ut um morgonen, med same skyi
lyfte seg. Eller ho låg der ein dag og ei natt; når ho
då hov seg upp, tok dei ut. 22 Eller ho låg der eit par
dagar, eller ein månad, eller endå lenger. Når skyi
drygde so lenge, og vart liggjande yver gudshuset,
heldt Israels-folket seg i lægret og tok ikkje ut; men so
snart ho steig til vers, tok dei ut. 23 Etter Herrens ord
lægra dei seg, og etter Herrens ord tok dei ut. Dei retta
seg etter Herrens vilje, soleis som Moses hadde sagt
deim frå Herren.

**10** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Gjer
deg tvo lurar av drive sylv! Deim skal du hava til
å kalla lyden i hop med, og til å varsla folket når lægret
skal flytjast. 3 Blæs de i båe, so skal heile lyden samla
seg hjå deg framanfor møtetjelddøri; 4 blæs de berre i
ein, so skal styresmennerne, hovdingarne yver Israels-
ætterne, samla seg hjå deg. 5 Blæs de alarm, so skal
dei flokkarne fara i veg som hev lægret sitt i aust; 6
blæs de alarm andre venda, so skal dei som ligg i
sud taka ut. Alarm skal de blåsa kvar gong de bryt
upp frå lægret; 7 men når du vil kalla folket i hop til
ålmannamøte, skal de låta lint i lurarne, og ikkje blåsa
alarm. 8 Arons-sønerne, prestarne, er det som skal
blåsa i deim. Dette skal vera ei æveleg lov hjå dykk, frå
ætt til ætt. 9 Og når de fær ufred i landet, og fienden
bryt på dykk, so skal de blåsa sterkt i lurarne; då
skal Herren, dykkar Gud, koma dykk i hug, so de vert
berga for uvenerne. 10 Og på glededagarne dykkar og
høgtiderne og nymånedagarne skal de låta i lurarne til
brennofferi og takkofferi dykkar, so det kann minna
dykkar Gud um dykk. Eg, Herren, er dykkar Gud.» 11
Tjugande dagen i andre månaden i det andre året
lyfte skyi seg upp ifrå gudshuset, 12 Då tok Israels-
sønerne ut frå Sinaiheidi, flokk for flokk, etter som dei
var fylkte; og skyi let seg ned att i Paranheidi. 13 Dette
var fyrste gongen dei braut lægret, og det var etter
Herrens bod, som Moses hadde kunngjort for deim. 14
Fyrst tok Juda-heren ut med fana si, flokk i flokk. Det
var Nahson, son åt Amminadab, som stod yver Juda-
flokken; 15 yver Issakars-flokken stod Netanel, son åt
Suar, 16 og yver Sebulons-flokken Eliab, son åt Helon.
17 Kvar gong gudshuset var teke ned, for Gersons-
sønerne og Merari-sønerne i veg, dei som førde huset.
18 So tok Rubens-heren ut med fana si, flokk i flokk.
Det var Elisur, son åt Sede'ur, som stod yver Rubens-
flokken; 19 yver Simeons-flokken stod Selumiel, son åt
Surisaddai, 20 og yver Gads-flokken Eljasaf, son åt
Re'uel. 21 So tok Kahats-sønerne i veg, dei som bar
dei høgheilage tingi, og fyrr dei kom fram, hadde dei
hine reist huset. 22 So tok Efraims-heren ut med fana
si, flokk i flokk. Det var Elisama, son åt Ammihud, som
stod yver Efraims-flokken; 23 yver Manasse-flokken
stod Gamliel, son åt Pedasur, 24 og yver Benjamins-
flokken Abidan, son åt Gideoni. 25 So tok Dans-heren
ut med fana si, flokk i flokk: Dei var attarst i fylkingi.
Det var Ahiezer, son åt Ammisaddai, som stod yver
Dans-flokken; 26 yver Assers-flokken stod Pagiel, son
åt Okran, 27 og yver Naftali-flokken Ahira, son åt Enan.
28 Soleis var Israels-sønerne fylkte når dei for i veg,
herflokk etter herflokk. Då dei skulde taka ut, 29 sagde
Moses til Hobab, son åt Re'uel frå Midjan, verfar hans
Moses: «No tek me på vegen til det landet som Herren
hev sagt han vil gjeva oss. Kom og ver med oss, so
skal me gjera vel mot deg; for Herren hev lova Israel
mykje godt.» 30 «Nei, » svara Hobab, «eg vil fara
heim til mitt eige land og folk.» 31 «Kjære væne, gakk
ikkje frå oss!» sagde Moses. «Du veit best kvar me
kann setja læger i øydemarki; du lyt vera auga vårt! 32
Gjeng du med oss, so skal me gjeva deg mykje godt,
når me fær alt det gode som Herren vil gjeva oss.»
33 So for dei då frå Gudsfjellet tri dagsleider fram, og
Herrens sambandskista for fyre deim alle tri dagarne,
og leita etter ein kvilestad for deim. 34 Herrens sky
stod yver deim um dagen, når dei for ifrå lægret. 35
Og kvar gong kista tok i veg, kvad Moses: «Reis deg,
Herre, so fienden ryk og uvenern' dine rømer for deg!»
36 Og når ho let seg ned, kvad han: «Herre, kom atter
til alle dei tusund Israels-ætter!»

**11** Det var ein gong folket klaga seg for Herren,
liksom dei leid vondt. Då Herren høyrde det, vart
han harm, og elden hans slo ned millom deim, og herja
i den eine enden av lægret. 2 Då ropa folket på Moses,
og Moses bad til Herren for deim; so slokna elden av.
3 Sidan kalla dei den staden Tabera, av di Herrens eld
slo ned millom deim. 4 Men herkemugen, som var
med deim, fyste etter annan kost; då for Israels-folket
og til å jamra seg att, og sagde: «Gud gjev me hadde
kjøt å eta! 5 Me saknar fisken som me fekk kostelaust
i Egyptarland, og agurkarne og melonorne og purren
og kvitlauken og skarlauken; 6 her turkar me reint upp;

me ser ikkje anna for augo enn manna.» 7 Manna var
likt korianderfrø og på lit som bedolahkvåda. 8 Folket
for utyver og sanka det, og mol det på handkvern eller
støytte det sund i mortlar. Sidan saud dei det i gryta,
og laga kakor av det; då smaka det som sukkerbrød
med olje i. 9 Når dalskoddi seig ned yver lægri um
natti, fylgde det manna med. 10 Då Moses høyrde gråt
frå kvart einaste hus, og såg at Herren var fælande
harm, tykte han det var ilt, 11 og sagde til Herren: «Kvi
hev du fare so hardt med tenaren din? Kvi hev du
so lite godhug for meg at du vil leggja på meg slik ei
byrd som å syta for heile dette folket? 12 Hev då eg
gjeve deim livet eller sett deim inn i verdi, sidan du
segjer med meg at eg skal halda deim på armen, som
barnfostren held eit sugebarn, og bera deim fram til
det landet du hev lova federne deira? 13 Kvar skal eg
taka kjøt frå til heile dette folket? For dei heng yver
meg med gråt, og segjer: «Gjev oss kjøt, so me fær
eta!» 14 Ikkje kann eg åleine syta for heile dette folket;
det er meir enn eg orkar. 15 Vil du fara so med meg,
so drep meg heller med ein gong, so sant du vil meg
vel, og lat meg ikkje sjå mi eigi ulukka.» 16 Då sagde
Herren til Moses: «Kalla meg i hop sytti av dei gildaste
menner i Israel, deim som du veit er dei gjævaste
millom folket og formenner for deim! Tak deim so med
deg til møtetjeldet og lat deim standa der hjå deg, 17
so vil eg koma ned og tala med deg der, og eg vil lata
deim og få av den åndi som er yver deg, so dei kann
hjelpa deg og bera all den tyngsla du hev av folket, og
du ikkje tarv bera henne åleine. 18 Og til folket skal du
segja: «Helga dykk til i morgon, so skal de få kjøt å eta,
etter di de jamra dykk for Herren og sagde: «Gud gjeve
me hadde kjøt! Å kor godt me livde i Egyptarland!» No
vil Herren gjeva dykk kjøt, som de skal eta av, 19 og
det ikkje ein dag, eller tvo eller fem eller ti eller tjuge
dagar, 20 men ein heil månad, til de byd dykk imot, so
det lyt gjeva det upp att, for di de mismætte Herren
som er midt imillom dykk, og jamra dykk for honom, og
sagde: «Kvi for me då frå Egyptarland?»»» 21 «Seks
hundrad tusund gangføre menner er det folket som eg
fylgjest med, » svara Moses, «og du segjer at du vil
gjeva deim kjøt so dei hev mat for ein heil månad! 22
Skal me slagta so mange sauer og naut at det rekk til
for deim, eller skal all fisken i havet sankast i hop so
dei fær nok?» 23 Då sagde Herren til Moses: «Rekk
ikkje Herrens arm so langt som han vil? No skal du
få sjå um det ikkje gjeng som eg hev sagt.» 24 So
gjekk Moses ut, og kunngjorde Herrens ord for folket,
og han kalla saman sytti av dei gjævaste mennerne i
lyden, og bad deim standa rundt ikring møtetjeldet. 25
Og Herren for ned i skyi, og tala til Moses, og let dei
sytti gjæve mennerne få av den åndi som var yver
honom. Då hende det at med same åndi let seg ned
yver deim, tala dei profetord, men sidan gjorde dei det
ikkje. 26 Det var tvo menner som hadde vorte att i
lægret; den eine heitte Eldad og den andre Medad.
På deim let åndi seg og ned; for dei høyrde til deim
som var uppskrivne, men dei hadde ikkje gjenge ut
til møtetjeldet, og no tala dei profetord i lægret. 27
Og ein svein kom springande med bod til Moses og
sagde: «Eldad og Medad talar profetord i lægret.» 28
Då tok Josva frami, han som hadde vore fylgjesveinen
åt Moses alt ifrå ungdomen, og sagde: «Herre Moses,
forbyd deim dette!» 29 «Er du åbru for mi skuld?»
svara Moses. «Eg vilde at heile Herrens folk kunde tala
profetord, og at Herren sende sin Ande yver deim!» 30
Då Moses vel var komen attende til lægret saman med
Israels hovdingar, 31 so sende Herren ein vind som
førde enghønor inn ifrå havet, og støytte deim ned
yver lægret og markerne rundt ikring, so vidt som ei
dagsleid i firkant. Dei flaug so lågt at dei ikkje var meir
enn eit par alner frå marki, 32 og folket var ute heile
den dagen og heile natti og heile den andre dagen
og samla deim inn; ingen sanka mindre enn eit tjug
tunnor, og dei breidde deim utyver rundt ikring lægret.
33 Medan dei endå åt av kjøtet - det var ikkje ende -
loga Herrens vreide upp att, og han sende ein øgjeleg
manndaude yver deim. 34 Difor kallar dei den staden
Kibrot-Hatta'ava; for der vart dei jorda dei som hadde
vore so fysne. 35 Frå Kibrot-Hatta'ava for folket til
Haserot, og der vart dei verande ei tid.

**12** Mirjam, og Aron med, tala ille um Moses for den
ætiopkvinna skuld, som han hadde teke til kona
- for han hadde gift seg med ei ætiopisk kvinna - 2 og
dei sagde: «Er det då berre Moses Herren hev tala
med? Hev han ikkje tala med oss og?» Og Herren
høyrde det. 3 No var Moses ein mild og tolug mann,
mildare enn alle menneskje på jordi. 4 Men Herren
sagde brått til Moses og til Aron og til Mirjam: «Gakk
ut til møtetjeldet alle tri!» So gjekk dei dit alle tri. 5
Og Herren for ned i ein skystopul, og stod i tjelddøri
og ropa: «Aron og Mirjam!» Då gjekk dei ut båe tvo.
6 Og han sagde: «Lyd no etter ordi mine: Er det ein
profet millom dykk, so ter eg, Herren, meg for honom i
syner, og talar med honom i draumar. 7 Men so er
det ikkje med Moses, tenaren min; honom lit eg so
på, at eg hev sett honom yver heile mitt hus. 8 Munn
til munn talar eg med honom, klårt og ikkje i gåtor,
og han fær sjå Herren i rette hamen hans skapnad.
Korleis kunde de då våga å tala ille um Moses, min
tenar?» 9 Og Herrens vreide loga upp imot dei, og han
for burt. 10 Då skyi hadde kvorve burt frå tjeldet, då
var Mirjam spillsjuk, og kvit som snø; med same Aron
snudde seg mot henne, såg han at ho var spillsjuk. 11

Då sagde han til Moses: «Gode herre bror! Lat oss
ikkje lida for mykje for syndi og dårskapen vår! 12 Lat
henne ikkje verta som eit daudt foster, som er halvrote
når det kjem ut or morslivet!» 13 Då ropa Moses til
Herren og sagde: «Å kjære, kjære Gud, gjer henne
god att!» 14 Og Herren sagde til Moses: «Hadde far
hennar sputta henne i andlitet, laut ho då ikkje sitja
med skam i sju dagar? No skal dei stengja henne ute
frå lægret i sju dagar, so kann dei taka henne inn att!»
15 So stengde dei Mirjam ute frå lægret i sju dagar, og
folket tok ikkje av stad, fyrr dei hadde teke henne inn
att. 16 Sidan tok folket ut frå Haserot, og slo læger i
Paranheidi.

**13** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2
«Send ut folk til å forfara Kana'ans-landet, som
eg vil gjeva Israels-borni! Ein mann for kvar ætt skal
de senda, og alle skal vera av dei fremste mennerne
deira.» 3 So sende Moses folk ut frå Paranheidi, som
Herren hadde sagt, og dei han sende var alle av dei
gjævaste mennerne i Israel. 4 Dei heitte: Sammua,
son åt Sakkur, av Rubens-ætti; 5 Safat, son åt Hori,
av Simeons-ætti; 6 Kaleb, son åt Jefunne, av Juda-
ætti; 7 Jigeal, son åt Josef, av Issakars-ætti; 8 Hosea,
son åt Nun, av Efraims-ætti; 9 Palti, son åt Rafu, av
Benjamins-ætti; 10 Gaddiel, son åt Sodi, av Sebulons-
ætti; 11 Gaddi, son åt Susi, av Josefs-ætti, av Manasse-
greini; 12 Ammiel, son åt Gemalli, av Dans-ætti; 13
Setur, son åt Mikael, av Assers-ætti; 14 Nahbi, son åt
Vofsi, av Naftali-ætti; 15 Ge'uel, son åt Maki, av Gads-
ætti. 16 Det var dei mennerne som Moses sende ut til
å rundfara landet; men Hosea, son åt Nun, kalla han
Josva. 17 Han sende dei på njosningsferd til Kana'ans-
landet, og sagde til deim: «Far upp her, til Sudlandet,
og tak upp i fjellet, 18 og sjå korleis landet er laga, og
um folket som bur der er sterkt eller veikt, um dei er
få eller mange, 19 og um landet deira er godt eller
låkt, og kva slag byar dei bur i, um der er læger eller
borger, 20 og um jordi er feit eller skrinn, og um der er
tre eller ikkje. Ver trøystuge, og tak med dykk noko av
frukti i landet!» Det var då i det bilet druvorne for til
å mogna. 21 So tok dei av stad, og endefor landet,
alt ifrå Sinheidi til Rehob, som ligg innmed vegen til
Hamat. 22 Dei for upp til Sudlandet og kom til Hebron.
Der budde Ahiman og Sesai og Talmai, Anaks-sønerne
- Hebron var bygt sju år fyre Soan i Egyptarland. - 23
So kom dei til Eskoldalen. Der skar dei ei vintregrein
med ein druvekrans, som tvo mann laut bera millom
seg på ei stong, og so nokre granateple og fikor. 24
Den staden vart sidan heitande Eskoldalen, etter den
druvekransen som Israels-sønerne skar av der. 25 Då
det leid av fyrti dagar, kom dei att, og hadde endefare
landet. 26 Dei fann Moses og Aron og heile Israels-
lyden i Paranheidi, i Kades, og gav fråsegn um det
dei hadde set, og synte deim frukterne frå Kana'ans-
landet. 27 «Me kom til det landet du sende oss til,
» sagde dei til Moses, «og det er visst at det landet
fløymer med mjølk og honning, og her ser de frukterne
som veks der. 28 Men folket som bur der, er sterkt,
og byarne store, med svære murar ikring. Anaks-
sønerne såg me der og, 29 og i Sudlandet bur Amalek-
folket, og i fjellbygderne hetitarne og jebusitarne og
amoritarne, og utmed havet og langsmed Jordan bur
Kananitarne.» 30 Då tok folket til å murra mot Moses,
men Kaleb stagga på deim, og sagde: «Jau, me vil
fara dit, og leggja landet under oss; me kann godt
taka det.» 31 Men dei mennerne som hadde vore med
honom, sagde: «Me torer ikkje ganga imot dette folket;
dei er oss for sterke.» 32 Og dei lasta burt landet for
Israels-folket, og sagde: «Det landet me for igjenom og
skoda, er eit land til å øyda ut folk; og alle me såg
der, var kjempekarar; 33 der såg me risarne, Anaks-
sønerne, som er av riseætt, og mot deim tyktest me å
vera berre som engsprettor, og so tykte dei og.»

**14** Då skreik alt folket yver seg, og dei gret heile
natti. 2 Og alle Israels-borni, heile lyden, mukka
mot Moses og Aron, og sagde: «Gud gjeve me hadde
døytt i Egyptarlandet eller her i øydemarki - å Gud
gjeve me hadde døytt! 3 Kvi vil Herren føra oss til dette
landet, so me vert nedhogne, og konorne og borni våre
vert fangar? Er det ikkje betre for oss å fara attende til
Egyptarland?» 4 Og dei sagde seg imillom: «Me vil
taka oss ein hovding, og fara attende til Egyptarland!»
5 Då kasta Moses og Aron seg ned på jordi for augo
åt heile Israels-lyden; 6 og Josva, son åt Nun, og
Kaleb, son åt Jefunne, som hadde vore med og forfare
Kana'ans-landet, reiv sund klædi sine 7 og tala til heile
Israels-lyden, og sagde: «Det landet som me hev fare
igjenom og skoda, er eit ovgodt land. 8 Er Gud oss
god, so fører han oss fram til landet, og gjev oss det;
det er eit land som fløymer med mjølk og honning. 9
Set dykk berre ikkje upp mot Gud, og ver ikkje rædde
folket som bur der i landet! Dei er ikkje annleis enn
som eit matmål for oss. Hjelpi deira hev kvorve burt,
og Herren er med oss. Ver ikkje rædde!» 10 Då vilde
heile lyden steina deim; men Herrens herlegdom synte
seg i møtetjeldet for heile Israels-folket. 11 Og Herren
sagde til Moses: «Kor lenge vil dette folket hæda og
vanvyrda meg? Kor lenge vil dei mistru meg, endå so
mange teikn som eg hev gjort millom deim? 12 Men no
vil eg søkja deim med sott, og rydja deim ut, og so vil
eg gjera di ætt til eit større og sterkare folk enn dei er.»
13 Då sagde Moses til Herren: «Skal då egyptarane få
spyrja slikt? dei som du førde dette folket burt i frå i
ditt velde! 14 Skal dei få det å tala um med folk her i

landet, som hev høyrt at du, Herre, er midt imillom
dette folket, og syner deg for deim, andlit til andlit, du,
Herre, og at skyi di held seg yver deim, og at du gjeng
fyre deim i ein skystopul um dagen og i ein eldstopul
um natti? 15 Slær du no dette folket i hel, som det var
ein mann, so kjem dei folki som hev høyrt ordet um
deg til å segja: 16 «Herren magta ikkje å føra dette
folket fram til det landet han hadde lova deim, og so
drap han deim ned i øydemarki.» 17 Men syn deg
no i ditt velde, Herre, som du lova då du sagde: 18
«Herren er tolug og rik på nåde. Han tilgjev brot og
misgjerningar; men han vil ikkje at den skuldige skal
vera strafflaus: han hemner broti åt federne på borni
og på barnebarns-borni og borni etter deim.» 19 Tilgjev
då av di store nåde broti åt dette folket, liksom du hev
havt tolmod med deim heile vegen, frå Egyptarland
og hit!» 20 Då sagde Herren: «Eg skal gjeva deim
til, som du bed um. 21 Men so vist som eg liver og
Herrens herlegdom fyller heile jordi: 22 ingen av deim
som hev set herlegdomen min og dei teikni eg gjorde i
Egyptarland og i øydemarki, og som like vel hev freista
meg gong på gong, og aldri vilde lyda på ordi mine - 23
ingen av deim skal sjå det landet eg hev lova federne
deira; ingen av deim som hev hædt og vanvyrdt meg,
skal få sjå det. 24 Men Kaleb, tenaren min, vil eg
fylgja til det landet han hev vore i, og ætti hans skal
få det til eiga; for honom er det ein annan hug i, og
han hev halde seg trutt etter meg. 25 Amalekitarne
og kananitarne bur her i dalen; difor lyt de i morgon
venda um, og taka ut i øydemarki, den vegen som ber
til Raudehavet.» 26 Og Herren tala meir til Moses og
Aron, og sagde: 27 «Kor lenge skal denne vonde lyden
halda på å mukka mot meg? Eg hev nok høyrt korleis
Israels-sønerne murrar og mukkar imot meg. 28 Seg
til deim: «So vist som eg liver, » segjer Herren: «det
som eg høyrde de ynskte dykk, det skal de få. 29 Her i
øydemarki skal beini dykkar liggja, alle de som vart
mynstra, heile flokken, so mange som er yver tjuge år
gamle og hev sett seg upp imot meg; 30 ingen av dykk
skal koma inn i det landet som eg rette handi i veret på
at eg vilde gjeva dykk til bustad - ingen utan Kaleb,
son åt Jefunne, og Josva, son åt Nun. 31 Småborni
dykkar, som de spådde skulde falla i fiendehand, deim
vil eg fylgja dit, og dei skal verta heime i det landet
som de hev vanda. 32 Men dykkar bein skal liggja
her i øydemarki; 33 og sønerne dykkar skal gjæta i
heiderne i fyrti år, og lida for utruskapen dykkar, til
beini dykkar hev morkna i øydemarki. 34 Likso mange
dagar som de for yver Kana'ans-landet, likso mange år
skal de lida for broti dykkar, fyrti år, eit år for kvar dag,
og de skal få kjenna korleis det er når eg vender meg
frå dykk. 35 Det segjer eg, Herren: So vil eg gjera med
heile denne vonde lyden, som hev slege seg i hop
mot meg; i denne øydemarki skal dei enda sine dagar,
her skal dei døy.»» 36 Dei mennerne som Moses
hadde sendt ut til å forfara Kana'ans-landet, og som
spreidde låke tiender um det då dei kom att, og fekk
heile lyden til å setja seg upp imot Moses, 37 desse
mennerne, som hadde lasta burt landet, dei døydde
brått for Herrens åsyn. 38 Av alle deim som hadde
fare på njosningsferd til Kana'ans-landet, var det berre
Josva, son åt Nun, og Kaleb, son åt Jefunne, som fekk
liva. 39 Og Moses bar Herrens ord fram for Israels-
folket. Då angra dei sårt, 40 og dagen etter, i otta, tok
dei uppetter til høgfjellet, og sagde: «Sjå her er me og
vil fara upp til den staden som Herren hev sagt; for
me hev synda.» 41 Då sagde Moses: «Kvi vil de då
gjera imot Herrens ord? Dette kjem ikkje til å lukkast.
42 Far ikkje dit! For Herren er ikkje med dykk. De
kjem berre til å rjuka for fienden. 43 For der møter de
amalekitarne og kananitarne, og då vert de nedhogne,
etter di de hev vike frå Herren, og han ikkje er med
dykk.» 44 Like vel var dei so uvyrdne at dei styrmde
av stad til høgfjellet. Men Herrens sambandskista og
Moses flutte seg ikkje frå lægret. 45 Og amalekitarne
og kananitarne, som budde på det fjellet, kom ned, og
slo deim og jaga deim frå einannan, og elte deim alt til
Horma.

**15** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «Tala
til Israels-folket, og seg med deim: «Når de kjem
til det landet de skal bu og byggja i, det som eg vil gjeva
dykk, 3 og de lagar til offermat for Herren - brennoffer
eller slagtoffer av storfe eller småfe, til godange for
Herren - anten det er ein lovnad de vil løysa, eller ei
gåva det gjev i godvilje, eller eit høgtidsoffer, 4 so skal
det attåt offeret som de ber fram for Herren, koma
med eit grjongåva, og det skal vera ei kanna fint mjøl,
blanda med ei halvkanna olje, 5 og til drykkoffer skal
du gjeva ei halvkanna vin attåt brenn- eller slagtofferet,
dersom det er eit lamb; 6 er det ein ver, so skal du til
grjonoffer gjeva tvo kannor fint mjøl, blanda med tvo
pottar olje, 7 og til drykkoffer skal du bera fram tvo
pottar vin; då er det eit offer som angar godt for Herren.
8 Ofrar de ein ung ukse til brennoffer eller slagtoffer,
anten det er ein lovnad de vil løysa, eller eit takkoffer
til Herren, 9 so skal du attåt uksen bera fram tri kannor
fint mjøl, blanda med ei kanna olje, til grjonoffer, 10 og
til drykkoffer ei kanna vin; då er det ein offerrett som
gjev god ange for Herren. 11 Soleis skal de gjera for
kvar ukse og ver og for kvart lamb eller kid 12 de ofrar,
anten offerdyri er få eller mange. 13 Alle som er fødde
og borne i landet, skal gjera so som eg no hev sagt,
når dei vil bera fram ein offerrett til godange for Herren.

14 Er det nokon framand som held til hjå dykk, eller i
framtidi kjem til å bu millom dykk, og vil bera fram ein
offerrett til godange for Herren, so skal han gjera like
eins som de. 15 Det gjeld same retten for heile lyden,
for dykk sjølve so vel som for dei framande som bur i
landet dykkar; det er ei lov som skal gjelda for alle tider
at dei framande skal vera som de sjølve for Herrens
åsyn. 16 Ei lov og ein rett skal vera for dykk og for dei
framande som bur hjå dykk.»» 17 Og Herren tala atter
til Moses, og sagde: 18 «Tala til Israels-sønerne, og
seg til deim: «Når de kjem til det landet som eg vil føra
dykk til, 19 og et av den maten de avlar der, so skal de
koma med ei reida til Herren: 20 Av det fyrste gropet
de mel, skal de bera fram ei kaka til reida for Herren,
liksom de ber fram reida frå treskjarstanden - 21 av det
fyrste malingi skal de all tid gjeva Herren ei reida. 22
Fer de i mist, og gløymer noko av dei bodi som Herren
hev gjeve Moses, 23 og som Moses hev kunngjort for
dykk, anten no, med same Herren hev gjeve bodet,
eller seinare frametter tidi, 24 og det er uviljande gjort,
og lyden uvitande, so skal heile lyden bera fram ein
ung ukse til brennoffer og godange for Herren, med
grjonoffer og drykkoffer som til høyrer, soleis som
det er fyresagt, og ein geitebukk til syndoffer, 25 og
presten skal gjera soning for heile Israels-lyden; då
skal dei få tilgjeving etter di det var uviljande gjort,
og dei hev kome til Herren med offergåva si og bore
fram syndofferet sitt til bot for si misferd. 26 Både heile
Israels-lyden og dei framande som bur millom deim,
skal få tilgjeving. For heile folket var saka i misferdi. 27
Er det ein einskildmann som uviljande hev synda, so
skal han bera fram ei årsgamall geit til syndoffer. 28
Og presten skal beda til Herren for den som uviljande
hev misfare seg og synda, og gjera soning for honom,
so skal han få tilgjeving. 29 Dette gjeld både for den
som er fødd og boren millom Israels-folket og for den
framande som bur millom deim. Det gjeld same retten
for dykk alle, når de uviljande gjer noko gale. 30 Men
den som med vilje gjer noko vondt, anten det er eit
heimemenneskje eller ein framand, han hæder Gud og
skal rydjast ut or folket sitt; 31 for han hev vanvyrdt
Herrens ord og brote bodet hans: den mannen skal
rydjast ut; han skal lida for brotet sitt.»» 32 Då Israels-
folket var i øydemarki, råka dei ein gong ein mann som
sanka ved ein helgedag. 33 Dei som kom yver honom
medan han sanka veden, førde honom fram for Moses
og Aron og heile lyden. 34 Og dei sette honom fast;
for det var ikkje gjeve noko serskilt bod um kva som
skulde gjerast med honom. 35 Då sagde Herren til
Moses: «Mannen skal lata livet: Heile lyden skal steina
honom utanfor lægret.» 36 So førde heile lyden honom
ut til ein stad utanfor lægret, og steina honom i hel,
soleis som Herren hadde sagt til Moses. 37 Og Herren
sagde til Moses: 38 «Tala til Israels-sønerne, og seg til
deim, at dei skal gjera seg duskar og hava i snipparne
på klædi sine, både dei og etterkomarane deira, og i
kvar dusk skal dei setja ei purpursnor. 39 Dei duskarne
skal de hava til prydnad, og når de ser på deim, skal
de minnast alle Herrens bod og halda dykk etter deim,
so de ikkje fer hit og dit etter som hjarta og augo segjer
dykk til; for dei lokkar dykk jamleg til utruskap. 40 Det
er so de skal koma i hug å halda alle bodi mine og
vera heilage for dykkar Gud. 41 Eg er Herren, dykkar
Gud, som førde dykk ut or Egyptarlandet, og vil vera
dykkar Gud. Eg, Herren, er dykkar Gud.»

**16** Korah, son åt Jishar Kahatsson av Levi-ætti,
og Datan og Abiram, sønerne hans Eliab, og
On Peletsson av Rubens-ætti tok til å yppa seg mot
Moses, 2 og saman med dei tvo hundrad og femti av
dei øvste i Israels-lyden, som var kåra til tingmenner,
og hadde eit godt namn. 3 Dei slo seg i hop mot Moses
og Aron, og sagde til deim: «No lyt det vera nok!
Heile lyden er heilag, alle saman, og Herren er midt
imillom deim; kvi vil då de all tid halda dykk gildare enn
Herrens lyd?» 4 Då Moses høyrde det, kasta han seg
ned på jordi. 5 Og han tala til Korah og heile flokken
hans, og sagde: «I morgon vil Herren syna kven som
er hans folk, og kven som er heilag og kann koma inn
til honom, og dei som han då vel, skal få koma inn til
honom. 6 Gjer no so, du Korah og heile flokken din:
Tak i morgon med dykk glodfat, 7 og hav eld i deim, og
legg røykjelse på elden for Herrens åsyn, og den som
Herren vel, han skal vera heilag. Lat so det vera nok,
de Levi-søner!» 8 Og endå sagde Moses til Korah:
«Høyr no, de Levi-søner! 9 Er de ikkje nøgde med
at Israels Gud hev skilt dykk ut frå Israels-lyden, so
de skulde vera næmare honom og greida arbeidet i
Herrens hus, og ganga lyden til handa? 10 Han hev
teke deg og alle brørne dine, Levi-sønerne, innåt seg,
og no trår de etter preste-embættet og? 11 Det er mot
Herren de hev slege dykk i hop, du og heile flokken
din; for kva er Aron? Kann det vera verdt å setja seg
upp i mot honom?» 12 So sende Moses bod etter
Datan og Abiram, sønerne hans Eliab; men dei svara:
«Me kjem ikkje! 13 Er det ikkje nok at du lokka oss
burt frå eit land som fløymer med mjølk og honning, so
me skulde døy i øydemarki? Vil du no attpå råda og
rikja yver oss? 14 Ikkje heller hev du ført oss til eit land
som fløymer med mjølk og honning, og gjeve oss åkrar
og aldehagar til eiga! Trur du då du kann synkverva
desse mennerne? Me kjem ikkje!» 15 Då vart Moses
brennande harm, og han sagde til Herren: «Ansa ikkje
offeret deira! Ikkje so mykje som eit asen hev eg
teke frå deim, og ingen av deim hev eg gjort noko til

meins.» **16** So sagde han til Korah: «Møt no fram for
Herrens åsyn i morgon, du og heile flokken din! Aron
skal og møta fram, **17** og de skal taka kvar sitt glodfat
og leggja røykjelse på deim, og bera deim fram for
Herrens åsyn, tvo hundrad og femti glodfat, og du og
Aron skal og taka kvar sitt glodfat.» **18** So tok dei kvar
sitt glodfat, og hadde eld i deim, og lagde røykjelse på
og stod i møtetjelddøri, og det same gjorde Moses og
Aron; **19** og Korah samla heile lyden imot dei framanfor
møtetjelddøri. Då synte Herrens herlegdom seg for
heile lyden. **20** Og Herren tala til Moses og Aron, og
sagde: **21** «Skil dykk frå denne lyden, so skal eg gjera
ende på deim, so fort som ein blunkar med auga.» **22**
Men dei kasta seg på kne, og sagde: «Allvelduge Gud,
du som råder yver alle manneliv, vert du vill på heile
lyden, for di ein mann syndar?» **23** Og Herren svara
Moses: **24** «Seg til folket at dei skal hava seg burt frå
bustaden åt Korah og Datan og Abiram og frå alt som
derikring er!» **25** So reiste Moses seg upp og gjekk
burt til Datan og Abiram, og Israels hovdingar fylgde
honom. **26** Og han tala til folket, og sagde: «Gakk burt
frå husi åt desse gudlause mennerne, og kom ikkje
innåt noko som høyrer deim til; elles kjem de og til
å lida for alle synderne deira!» **27** Då flutte dei seg
burt frå buderne åt Korah og Datan og Abiram og alt
som var ikring um. Men Datan og Abiram kom ut og
stod i buddøri med konorne sine og borni, både store
og små. **28** Og Moses sagde: «Dette skal de hava
til merke på at Herren hev sendt meg til å gjera alle
desse verki, og at det ikkje er av meg sjølv eg gjer det:
**29** dersom desse døyr på same vis som anna folk, og
møter lagnaden som alle andre menneskje, so hev
Herren ikkje sendt meg; **30** men dersom Herren let
henda noko som aldri fyrr hev hendt, dersom jordi let
upp gapet sitt, og gløyper deim og alt som deira er, so
dei fer livande ned i helheimen, so veit de at desse
mennerne hev spotta Herren.» **(Sheol h7585)** **31** Ikkje
fyrr hadde han sagt dei ordi, so rivna grunnen under
føterne deira; **32** jordi let upp gapet sitt, og gløypte
deim og husi deira og alt folket hans Korah og alt det
dei åtte. **33** Dei for livande ned i helheimen med alt
som deira var, jordi gøymde deim, og dei kvarv burt
or lyden. **(Sheol h7585)** **34** Og heile Israel, som stod
rundt ikring, rømde då dei høyrde skriket deira; dei var
rædde jordi skulde gløypa deim med. **35** So for det eld
ut frå Herren, og brende upp dei tvo hundrad og femti
mennerne som hadde bore fram røykjelse. **36** Då tala
Herren til Moses, og sagde: **37** «Seg til Eleazar, son åt
Aron, øvstepresten, at han skal taka upp glodfati som
ligg att der elden hev fare, og strå glørne vidt utyver!
For heilage er dei, **38** glodfati åt desse mennerne som
laut lata livet for syndi si; de skal hamra dei ut til plator,
og klæda altaret med deim. Dei hev vorte framborne
for Herrens åsyn; difor er dei heilage, og skal vera eit
varsl for Israels-borni.» **39** Og Eleazar, presten, gjorde
som Moses hadde sagt honom frå Herren: han tok
koparfati som dei hadde bore fram dei mennerne som
brann upp, og smedarne hamra plator av deim til å
klæda altaret med, **40** so Israels-borni skulde koma i
hug at ingen framand, ingen som ikkje er av Arons
ætt, må ganga fram og brenna røykjelse for Herrens
åsyn; elles kjem han til å fara same ferdi som Korah og
hans flokk. **41** Dagen etter mukka heile Israels-lyden
mot Moses og Aron, og sagde: «Det er de som hev
drepe Herrens folk!» **42** og ålmugen tok til å samla seg
mot deim. Moses og Aron vende seg mot møtetjeldet;
då såg dei at skyi låg yver tjeldet, og herlegdomen åt
Herren skein fram. **43** So gjekk dei fram for møtetjeldet,
**44** Og Herren tala til Moses, og sagde: **45** «Sjå til å
koma dykk burt frå denne hopen, so skal eg tyna dei
i ein augneblink!» Då kasta dei seg på kne, **46** og
Moses sagde til Aron: «Tak glodfatet; legg i gløder frå
altaret, og hav røykjelse uppå, og skunda deg so burt
til lyden med det, og gjer soning for deim! For Herren
hev slept harmen sin laus - sotti er komi!» **47** Aron
gjorde som Moses sagde, og tok glodfatet og sprang
midt inn i flokken; sotti hadde då alt teke til å herja
millom folket. So lagde han røykjelsen på gløderne,
og bad ei soningsbøn for folket, **48** med han stod der
millom daude og livande. Då stana sotti; **49** men det
var fjortan tusund og sju hundrad som døydde i den
sotti, umfram deim som miste livet for Korahs skuld.
**50** Då sotti hadde gjeve seg, gjekk Aron attende til
Moses, til møtetjelddøri.

**17** Då tala Herren til Moses, og sagde: **2** «Tala til
Israels-sønerne, og få tolv stavar av deim, ein for
kvar ætt; av kvar ættarhovding skal du få ein stav, og
på den skal du rita namnet hans. **3** Og Arons namn skal
du setja på staven åt Levi-sønerne; for ein av stavarne
skal deira ættarhovding hava. **4** So skal du leggja
stavarne i møtetjeldet, framfyre kunngjeringskista, der
som eg er van å møtast med dykk. **5** Då skal han
bløma, staven åt den eg vel ut - so fær eg vel fred for
den mukkingi som Israels-borni jamleg plågar dykk
med.» **6** So tala Moses til Israels-borni, og hovdingarne
gav honom kvar sin stav, ein stav for kvar ætt; det var
tolv stavar i alt, og millom deim var staven hans Aron.
**7** Og Moses lagde stavarne ned framfor Herrens åsyn i
kunngjeringstjeldet. **8** Då han so andre dagen kom
inn i kunngjeringstjeldet, såg han at Arons stav, den
som høyrde til Levi-ætti, hadde grønkast, og skote
knuppar, og sett blom, og fenge mogne mandlar. **9** Då
tok han alle stavarne, og bar deim ut or heilagdomen,
og synte deim åt alle Israels-borni, og då dei hadde set

deim, tok kvar sin stav. 10 Og Herren sagde til Moses:
«Ber Arons stav inn att, og legg honom frammed
kunngjeringskista! Der skal han gøymast til ei åtvaring
for dei ulyduge; for held dei ikkje upp med å mukka
imot meg, so skal dei døy.» 11 Og Moses gjorde so;
som Herren hadde sagt med honom, so gjorde han.
12 Men Israels-borni sagde til Moses: «Sjå no er det
ute med oss; me døyr, me døyr alle saman! 13 Kjem
nokon innåt - innåt Herrens hus - so misser han livet.
Er det ikkje då ute med oss alle?»

18 So sagde Herren til Aron: «Du og sønerne
dine og heile farsætti di skal hava ansvaret
for heilagdomen. Du og sønerne dine skal svara for
preste-embættet dykkar. 2 Og frendarne dine, Levi-
sønerne, farsætti di, skal du hava med deg. Dei skal
halda seg attmed deg, og ganga deg til handa når du
og sønerne dine stend framfyre kunngjeringstjeldet. 3
Og dei skal gjera det som du set deim til å gjera, alt det
som skal gjerast i heile tjeldet; berre dei heilage tingi
og altaret må dei ikkje koma innåt; for gjer dei det lyt
dei døy, både dei og de. 4 Dei skal halda seg attmed
deg, og gjera alt det arbeidet som trengst i møtetjeldet;
for ingen framand må koma innåt dykk. 5 Men de lyt
gjera alt som skal gjerast i sjølve heilagdomen og
innmed altaret, so det ikkje tidare skal koma vreide
yver Israels-folket. 6 For det er eg som hev kåra ut
levitarne, brørne dykkar, av Israels-folket; dei er ei
gåva til dykk, og de skal gjeva deim åt Herren, so dei
gjer det arbeidet som trengst i møtetjeldet. 7 Men du
og sønerne dine skal styra preste-embættet og hava
umsut for alt som høyrer til altaret og for det som er
innanfor forhenget, og halda gudstenesta. Dykk gjev
eg prestedømet i gåva; men kjem ein framand innåt,
skal han lata livet.» 8 Og Herren sagde til Aron: «Sjå,
eg gjev deg det som skal gøymast av reidorne mine;
alle dei heilage gåvorne frå Israels-folket, deim gjev
eg deg og sønerne dine; det skal vera dykkar lut og
rett i all framtid. 9 Høyr no kva det er du skal hava av
dei høgheilage gåvorne, når det som skal brennast,
er teke undan: Alt det dei ber fram av grjonoffer og
syndoffer og skuldoffer som dei gjev meg i bot, det er
høgheilagt, og skal høyra deg og sønerne dine til. 10
På den høgheilage staden skal du eta det; alle karar
kann eta av det; heilagt skal det vera for deg. 11 Like
eins skal du hava dei gåvorne som dei gjev i reidor; alt
det Israels-borni svingar for Herrens åsyn, gjev eg deg
og sønerne og døtterne dine; det skal de hava retten til
i all framtid; alle i ætti di som er reine, kann eta av det.
12 Alt det beste av oljen og av druvesafti og kornet, det
fyrste dei avlar av det, og gjev Herren, det gjev eg
deg. 13 Dei fyrste mogna frukterne av alt som veks i
landet deira, og som dei kjem til Herren med, skal vera
dine; alle i ætti di som er reine, kann eta deim. 14 Alt
som er vigsla i Israel, skal høyra deg til. 15 Alt som
kjem fyrst frå morsliv, alt livande som dei ber fram for
Herren, anten det er folk eller fe, skal vera ditt; men
det som er frumbore av folk, skal du lata deim løysa,
og det som er frumbore av ureine dyr, kann og løysast.
16 Løysepengarne for borni skal leggjast etter dei hev
fyllt ein månad, og svara til det verdet som sett er:
fem sylvdalar i heilag mynt, etter tjuge gera i dalaren.
17 Frumsungar av kyr eller sauer eller geiter må ikkje
løysast; dei er heilage. Blodet deira skal du skvetta
på altaret, og feittet skal du brenna; so røyken stig
upp mot himmelen; det er ein angande rett for Herren.
18 Kjøtet skal du hava; liksom svingebringa og det
høgre låret skal det høyra deg til. 19 Alle heilage reidor
som Israels-borni kjem til Herren med, gjev eg deg og
sønerne og døtterne dine; det skal de hava retten til
for alle tider. Dette er ei æveleg og ubrjotande semja
med deg og etterkomarane dine for Herrens åsyn.» 20
Og Herren sagde til Aron: «Du fær ingen lut i landet
deira og ingi jordeign millom deim; eg skal vera din
lut og di eiga millom Israels-folket. 21 Men all tiend i
Israel gjev eg Levi-sønerne til eigedom for arbeidet
deira, det arbeidet dei gjer i møtetjeldet. 22 Og dei hine
Israels-borni skal ikkje meir koma innåt møtetjeldet;
for då fører dei synd yver seg, og lyt døy. 23 Levi-
sønerne åleine skal greida tenesta i møtetjeldet, og
hava alt ansvaret; det skal vera ei æveleg lov for dykk
og etterkomarane dykkar. Dei skal ingi jordeign hava
millom Israels-folket; 24 men tiendi som Israels-borni
kjem til Herren med, gjev eg levitarne; den skal vera
deira eigedom; difor er det eg hev sagt at dei ingi
jordeign skal hava millom Israels-folket.» 25 Og Herren
tala til Moses, og sagde: 26 «Du skal tala til levitarne,
og segja til deim: «Når de tek imot tiendi som eg hev
sagt de skal få til eigedom av Israels-folket, so skal de
gjeva Herren ei reida av det - tiend av tiendi. 27 Og
reida dykkar skal reknast for jamgod med det kornet
dei andre ber fram frå låven og den vinen dei kjem med
frå persa. 28 På den måten gjev de og Herren reida av
all tiendi de fær hjå Israels-borni, og den reida de hev
etla åt Herren, skal de gjeva Aron, øvstepresten. 29 Av
alle gåvor de fær, skal de fyrst taka ut alt det de vil
gjeva Herren, og det de vigjer honom, lyt all tid vera av
det beste.» 30 Og du skal segja til deim: «Når de ofrar
det beste av det, so skal det reknast likt med det som
kjem inn ifrå låven og ifrå vinpersa; 31 de kann eta det
kvar de vil, både de og folket dykkar; for det er løni
de skal hava for arbeidet i møtetjeldet. 32 De ber ingi
synd for det, når det berre gjev frå dykk det beste,
og de vanhelgar ikkje dei heilage gåvorne frå Israels-
folket, og skal ikkje lata livet.»»

**19** Og Herren tala atter til Moses og Aron, og sagde:
**2** «Høyr no eit lovbod som Herren hev gjeve! Han
sagde: «Seg til Israels-sønerne at dei skal koma til
deg med ei raud kviga, som ikkje hev vank eller veila,
og aldri hev vore under åket. **3** Den skal de gjeva
til Eleazar, presten, og dei skal leida henne utanfor
lægret og slagta henne for augo hans. **4** Og han -
Eleazar, presten - skal taka noko av blodet hennar
på fingeren og skvetta sju gonger burt imot framsida
av møtetjeldet. **5** So skal dei brenna kviga for augo
hans; både hudi og kjøtet og blodet, og møki med,
skal dei brenna. **6** Og presten skal taka cedertre og
bergmynta og karmesin og kasta på elden som kviga
brenn i. **7** Sidan skal han två klædi sine, og lauga
likamen sin i vatn, so kann han koma inn i lægret; men
han skal vera urein alt til kvelds. **8** Den som brende
kviga, skal og två klædi sine og lauga likamen sin i
vatn, og er urein til kvelds. **9** Og ein som er rein, skal
samla i hop oska av kviga, og leggja henne på ein rein
stad utanfor lægret, so ho kann gøymast åt Israels-
lyden til skiringsvatn; ho hev soningskraft. **10** Men
den som samla oska av kviga, lyt två klædi sine, og
er urein til kvelds. Og dette skal vera ei æveleg lov
både for Israels-folket og dei framande som bur millom
deim. **11** Den som kjem nær ein avliden, kven det so
er, er urein sju dagar. **12** Den tridje og den sjuande
dagen skal han reinsa seg for synd med skiringsvatnet;
so vert han rein att; men reinsar han seg ikkje den
tridje og den sjuande dagen, so vert han ikkje rein.
**13** Kven som kjem nær ein avliden, eit mannelik, og
ikkje reinsar seg, han sulkar Herrens hus, og skal
rydjast ut or Israel; han er urein; so lenge det ikkje er
skvett skiringsvatn på honom, fylgjer det ureinska med
honom. **14** So lyder lovi: Når ein døyr i eit hus, so skal
alle som er i huset, og alle som kjem inn, vera ureine
sju dagar. **15** Og alle opne koppar, alle som det ikkje er
lok på eller bundne yver, vert ureine. **16** Og den som
ute på marki kjem nær ein som er ihelslegen, eller eit
anna lik, eller mannebein, eller ei grav, er urein i sju
dagar. **17** Er det ein som soleis hev vorte urein, so skal
dei taka noko av oska etter det uppbrende syndofferet
og ausa rennande vatn på i eit fat. **18** Og ein som er
rein, skal taka bergmynte og duppa i vatnet, og skvetta
på huset og på alle dei ting og alle dei folk som er
der, og på den som hev kome nær mannebein eller
ein mann som er ihelslegen eller eit anna lik eller ei
grav. **19** Den tridje og den sjuande dagen skal dei reine
skvetta på den som hev vorte urein; og den sjuande
dagen skal han segja honom fri for synd; so skal han
två klædi sine og lauga seg i vatn, og vert då rein att
same kvelden. **20** Men den som vert urein, og ikkje
reinsar seg for synd, han skal rydjast ut or lyden, for
di han hev sulka Herrens heilagdom - det hev ikkje
kome skiringsvatn på honom: han er urein. **21** Dette
skal vera ei æveleg lov hjå deim. Den som skvette
skiringsvatnet, skal tvo klædi sine, og den som kjem
nær skiringsvatnet, er urein alt til kvelds. **22** Alt det den
ureine kjem nær, vert ureint, og alle som kjem innåt
honom, er ureine til kvelds.»»

**20** I den fyrste månaden kom Israels-sønerne, heile
lyden, til Sinheidi, og dei gav seg til i Kades. Der
døydde Mirjam, og der vart ho gravlagd. **2** Men der var
ikkje vatn åt folket, og dei flokka seg i hop mot Moses
og Aron, **3** og trætta med Moses, og sagde: «Gud
gjeve me og hadde roke med då brørne våre let livet
for Herrens åsyn! **4** Kvi hev de havt Herrens folk ut
i denne øydemarki, so me lyt døy her, både me og
feet vårt? **5** Kvi lokka de oss burt frå Egyptarland, og
førde oss hit til denne fæle staden, der det ikkje veks
anten korn eller fikor eller vintre eller aplar og ikkje
finst drikkevatn?» **6** Moses og Aron hadde seg undan
flokken, og gjekk fram i møtetjelddøri og kasta seg
på kne. Då synte Herrens herlegdom seg for deim. **7**
Og Herren tala til Moses, og sagde: **8** «Du skal taka
staven, og du og Aron, bror din, skal kalla lyden i hop
og tala til berget for augo deira, so skal det gjeva vatn
utor seg. Lat det koma vatn utor berget for deim, og
gjev deim og feet deira drikka!» **9** Moses gjorde som
Herren sagde: han tok staven som låg framfor Herrens
åsyn, **10** og han og Aron kalla lyden i hop framfyre
berget; so sagde han til deim: «Høyr no, stridnakkar!
Skal me lata det koma vatn åt dykk ut or dette berget?»
**11** So lyfte han handi, og slo på berget med staven
sin tvo gonger; då strøymde det ut mykje vatn, og
folket og feet deira fekk drikka. **12** Men Herren sagde
til Moses og Aron: «Sidan de ikkje trudde på meg, og
ikkje let Israels-borni sjå mi guddomsmagt, so skal
de ikkje få føra denne lyden inn i det landet eg hev
gjeve deim.» **13** Det var denne kjelda som vart kalla
Meribavatnet; der var det Israels-sønerne tretta med
Herren, og han synte deim si guddomsmagt. **14** Frå
Kades sende Moses dette bodet til kongen i Edom:
«So segjer Israel, bror din: «Du veit kor mykje vondt
me hev lide. **15** Federne våre for ned til Egyptarland,
og der budde me mange, mange år, og egyptarane
var harde med oss og federne våre; **16** då ropa me til
Herren, og han høyrde bønerne våre, og sende oss
ein engel, som førde oss ut or Egyptarland, og sjå no
er me i Kadesbygdi, innmed landskilet ditt. **17** Snilde
deg, lat oss få fara igjenom landet ditt! Me skal ikkje
ganga yver åkrarne eller vinhagarne, og ikkje taka vatn
or brunnarne; me skal fara etter kongsvegen og ikkje
taka av, korkje til høgre eller vinstre, fyrr me er komne

igjenom landet ditt.»» 18 Men Edom svara: «Du må'kje
fara fram her; gjer du det, so møter eg deg med sverd
i hand.» 19 «Eg skal fylgja storvegen, » sagde Israel,
«og dersom eg drikk av vatnet ditt, eg eller buskapen
min, so skal eg gjeva deg like for det. Det kann då'kje
gjera noko um eg gjeng etter vegen.» 20 «Nei, du
slepp ikkje fram her, » svara Edom, og gjekk imot deim
med mykje folk og våpn. 21 Edom vilde ikkje gjeva
Israel lov til å fara igjenom landet sitt, og Israel laut
taka ei onnor leid. 22 So tok dei ut ifrå Kades, heile
Israels-lyden, og kom til Horfjellet. 23 Og der, ved
Horfjellet, i landskilet åt Edom, sagde Herren til Moses
og Aron: 24 «No skal Aron fara til federne sine. De
var ulyduge mot meg ved Meribabrunnen; difor skal
han ikkje koma inn i det landet eg hev gjeve Israels-
sønerne. 25 Hav Aron og Eleazar, son hans, med deg
upp på Horfjellet; 26 og tak av Aron presteklædi, og
hav deim på Eleazar, son hans! So skal Aron døy der,
og fara til federne sine.» 27 Moses gjorde som Herren
sagde, og dei steig upp på Horfjellet for augo åt alt
folket, 28 og Moses tok av Aron presteklædi, og hadde
deim på Eleazar, son hans. So døydde Aron der uppå
fjellet, og då Moses og Eleazar kom ned av fjellet, 29
og folket såg at Aron var burte, då syrgde alle Israels-
ætterne yver honom i tretti dagar.

**21** Då den kananitiske kongen som budde i Arad
i Sudlandet, høyrde at Israel kom farande etter
ålmannvegen, tok han på deim, og fanga nokre av
deim. 2 Då gjorde Israel ein lovnad til Herren, og
sagde: «Gjev du dette folket i våre hender, so skal
me bannstøyta byarne deira.» 3 Og Herren høyrde
bøni, og gav kananitarne i Israels hender, og Israel
bannstøytte deim og byarne deira; sidan kalla dei den
staden Horma. 4 Frå Horfjellet tok dei leidi burt imot
Raudehavet, og vilde fara ikring Edomlandet. Men på
vegen vart folket utoluge; 5 dei lasta Gud og Moses,
og sagde: «Kvi hadde de oss burt frå Egyptarland? No
lyt me døy her i øydemarki; for her finst det korkje brød
eller vatn, og me er hjarteleide av denne veike maten.»
6 Då sende Herren eiterormar, som for inn imillom
folket og hogg deim, so mange av deim døydde. 7
So kom dei til Moses, og sagde: «Me synda då me
lasta Herren og deg. Bed Herren at han vil fria oss
frå ormarne!» Då bad Moses for folket. 8 Og Herren
sagde til Moses: «Gjer deg ein eitarorm, og set honom
upp på ei stong, so skal kvar ein som er ormhoggen
og ser burt på honom få liva.» 9 So gjorde Moses
ein koparorm, og sette honom på ei stong, og kvar
gong ormarne hadde hogge nokon og han såg burt
på koparormen, fekk han liva. 10 Sidan tok Israels-
sønerne i vegen att, og lægra seg i Obot. 11 So tok
dei ut frå Obot, og lægra seg ved Ijje-ha-Abarim i
øydemarki austanfor Moab. 12 So for dei derifrå, og
slo læger i Zereddalen. 13 So for dei lenger, og slo
læger på hi sida av Arnonelvi, der som ho kjem utor
Amoritarlandet og renn igjenom øydemarki. Arnon er
landskilet åt Moab, og byte millom Moab og amoritarne;
14 difor stend det i boki um Herrens herferder: «Vaheb
vann me snøgge som vinden, åern' alle, ja sjølve
Arnon - 15 elvelidi som heldt til Arheim og hallar seg
uppåt Moabs-eigni.» 16 So for dei til Be'er. Der er den
brunnen som Herren tala um då han sagde til Moses:
«Kalla i hop folket, so skal eg gjeva deim vatn!» 17 Då
song Israel denne songen: «Vell upp, du klåre olla! Ein
song me vil deg syngja! 18 Du brunn som jarlar bora,
og hovdingarne hola med styrarstavarn' sine - frå aude
grunn ei gåva.» 19 Frå Mattana for dei so til Nahaliel,
og frå Nahaliel til Bamot, 20 og frå Bamot til den dalen
som ligg i Moabmarki, tett med toppen av Pisgafjellet,
og hallar ned imot Øydemoen. 21 Israel sende bod
til Sihon, kongen yver amoritarne, og sagde: 22 «Lat
meg få fara igjenom landet ditt! Me skal ikkje koma
inn på åkrarne eller vingardarne, og ikkje drikka av
brunnarne; me skal halda oss etter kongsvegen, til me
er komne gjenom landet ditt.» 23 Men Sihon vilde ikkje
gjeva Israel lov til å fara gjenom landet; han samla alt
herfolket sitt, og for ut i øydemarki mot Israel. Då han
kom til Jahas, møtte han deim, og rauk på deim. 24
Men Israel hogg honom ned med kvasse sverd, og tok
landet hans, frå Arnon til Jabbok til Ammonriket; men
landskilet åt Ammons-sønerne var tettsett med borger.
25 Og Israel lagde under seg alle byarne åt amoritarne,
og vart buande der, i Hesbon og alle dei byarne som
høyrde til. 26 For Hesbon var hovudstaden åt Sihon,
amoritarkongen; han hadde slegest med den fyrre
kongen i Moab, og teke frå honom alt landet heilt til
Arnon. 27 Difor segjer skalden: «Kom hit, kom hit til
Hesbon, bygg upp att Sihons borg! 28 For eld for ut
frå Hesbon, frå Sihons stad ein loge, som øydde Ar i
Moab og herja deim som hyste på Arnonhøgdene. 29
Ai ei, no er det ute med ætti åt Kamos! Han sønern'
sine sender som rømingar or riket, og sine døtter driv
han til amoritardrotten Sihon i fangeferd. 30 Me skot
på skot deim sende; Hesbon vart lagd i grus og heile
landet herja med odd og egg, til Dibon. Me øydde alt
ikring oss, og kveikte ufredselden alt burt åt Medeba.»
31 Israels-sønerne slo seg ned i Amoritarlandet, 32 og
Moses sende njosnarar til Jazer; siden lagde dei under
seg alle bygderne der ikring, og dreiv ut amoritarne
som budde der. 33 So tok dei på ei onnor leid, og for
uppetter til Basan; og Og, kongen i Basan, for i mot
deim til Edre'i med alt herfolket sitt, og baud ufred.
34 Men Herren sagde til Moses: «Du treng ikkje vera
rædd honom! Eg gjev honom i dine hender med alt

folket og landet hans, og du kann gjera med honom
som du gjorde med Sihon, kongen yver amoritarne,
som budde i Hesbon.» 35 So hogg dei honom ned,
både honom og sønerne og folket hans, so ingen vart
att eller slapp undan, og sidan eigna dei åt seg landet.

22 So tok Israels-sønerne ut att, og lægra seg på
Moabmoarne, på hi sida av Jordanelvi der ho
renn frammed Jeriko. 2 Då Balak, son åt Sippor,
fekk spurt kva Israel hadde gjort med amoritarne, 3
då var rædsla stor i Moab. Moabitarne fælte seg for
dette folket som var so mannsterkt, 4 og sagde til
hovdingarne i Midjan: «No kjem denne store hopen til
å snøyda alt ikring oss, liksom uksarne når dei gneg
snaudt på bøen.» Og Balak Sipporson - han var konge
i Moab den tid - 5 sende menner til Bileam, son åt
Beor, som åtte heime i Petor ved Storelvi; dei skulde
beda honom koma, og segja honom det frå kongen:
«Det hev kome eit folk frå Egyptarland; dei er so
mange at dei fyller heile landet, og dei hev slege seg
ned midt fyre meg. 6 Kjære deg, kom og bed ei våbøn
yver det folket for meg; for dei er meg for sterke - då
trur eg me skal vinna yver deim, so eg fær drive deim
ut or landet; for eg veit at den du signar, er velsigna,
og den du bannar, er forbanna.» 7 Sendemennerne
var av det gjævaste folket i Moab og Midjan; dei hadde
spåmannsløn med seg, og då dei kom til Bileam, bar
dei fram bodet frå Balak. 8 Då sagde han til deim:
«Ver her i natt, so skal eg gjeva dykk svar, etter det
som Herren segjer meg fyre.» So gav dei seg til hjå
Bileam. 9 Då kom Gud til Bileam, og sagde: «Kva er
det for folk som er hjå deg?» 10 Bileam svara: «Balak,
son åt Sippor, Moabs konge, sender bod til meg og
segjer: 11 «Her hev kome eit folk frå Egyptarland, og
dei er so mange at dei fyller alt landet. Kom og les ei
våbøn yver deim, so trur eg visst eg skal råda med
deim og jaga deim ut.»» 12 Då sagde Gud til Bileam:
«Gakk ikkje med deim! Du skal ikkje banna det folket;
for dei er velsigna.» 13 Um morgonen sagde Bileam til
hovdingarne som Balak hadde sendt til honom: «Far
heim att! Herren vil ikkje gjeva meg lov til å fylgja
med dykk.» 14 So tok Moabs-hovdingarne av stad,
og då dei kom heim att til Balak, sagde dei: «Bileam
vilde ikkje vera med oss.» 15 Då sende Balak andre
hovdingar, fleire og gjævare enn fyrste gongen. 16
Då dei kom til Bileam, sagde dei til honom: «Balak,
son åt Sippor, helsar deg, og segjer: «Gode deg, kom!
Seg ikkje nei! 17 Eg skal løna deg vel, og gjera alt
det du segjer, berre du vil koma og banna dette folket
for meg.»» 18 Bileam svara kongsmennerne so: «Um
Balak gjev meg huset fullt med sylv og gull, so kann
eg ikkje gjera Herren, min Gud, imot, korkje i smått
eller stort. 19 Men ver no de og her natti yver, so fær
eg høyra kva meir Herren hev å segja meg.» 20 Då
kom Gud um natti til Bileam, og sagde til honom: «Er
desse mennerne komne her på den måten at dei vil få
deg med seg, so kann du ferda deg til og fylgja deim;
men gjer ikkje anna enn som eg segjer til deg.» 21
Um morgonen gjorde Bileam seg reidug, og sala asna
si, og for so i veg saman med Moabs-hovdingarne.
22 Men Gud vart harm for di han tok ut, og Herrens
engel kom imot honom, og stod på vegen som ein
fiende, då han kom ridande på asna i lag med båe
sveinarne sine. 23 Og asna såg Herrens engel, som
stod på vegen med drege sverd i handi; då tok ho av
vegen, og ut på marki; men Bileam slo henne, so ho
skulde halda vegen. 24 Sidan møtte Herrens engel i ei
geil millom vinhagarne. På båe sidor var det steingard,
25 og då asna såg Herrens engel, strauk ho seg innåt
garden, og klemde foten åt Bileam mot steinarne. Då
slo han henne att. 26 So gjekk Herrens engel framum
endå ein gong, og stod i eit trongt klemstre; der var det
ikkje råd å vika undan, korkje til høgre eller vinstre,
27 og med same asna fekk sjå Herrens engel, lagde
ho seg ned under Bileam. Då vart han harm, og slo
henne med staven. 28 Men Herren gav asna mål, og
ho sagde til Bileam: «Kva hev eg gjort deg? No er det
tridje gongen du slær meg.» 29 «Du hev havt meg til
narr, » svara Bileam. «Hadde eg havt eit sverd i handi,
so hadde eg slege deg i hel med det same.» 30 Då
sagde asna: «Er'kje eg asna di, som du hev ride på alt
du hev vore til? Hev eg då havt for vis å fara soleis
med deg?» «Nei, » sagde Bileam, 31 og i det same
opna Herren augo hans, so han såg Herrens engel,
som stod på vegen med drege sverd i handi. Då kasta
han seg på kne, og bøygde hovudet. 32 Og Herrens
engel sagde til honom: «Kvi hev du fare so, og slege
asna di tri gonger? Det var eg som møtte deg som
ein fiende, av di eg tykte denne ferdi var for brå. 33
Og asna såg meg, og tok av vegen for meg alle tri
gongerne. Hadde ikkje ho teke av vegen, so hadde
eg no drepe deg, men asna hadde eg spart.» 34 Då
sagde Bileam til Herrens engel: «Eg hev synda; men
eg visste ikkje at du stod framfyre meg på vegen; er
dette deg imot, so skal eg venda heim att.» 35 «Nei,
far no du med mennerne, » svara Herrens engel, «men
seg ikkje eit ord anna enn det som eg segjer deg fyre.»
So tok Bileam i vegen att med kongsmennerne. 36
Då Balak fekk høyra at Bileam kom, for han til møtes
med honom til den byen som låg nørdst i Moabriket,
ved Arnon, ytst utmed landskilet. 37 Og han sagde
til Bileam: «Sende eg ikkje einkom bod og bad deg
til meg? Kvi vilde du ikkje koma? Trur du ikkje eg er
god til å løna deg for umaken?» 38 «No ser du eg
er komen, » svara Bileam. «Men det er vandt um eg

kann segja noko; berre dei ordi som Gud legg meg i
munnen, kann eg tala.» 39 So fylgde han med Balak,
og dei kom til Kirjat-Husot. 40 Der slagta Balak storfe
og småfe, og sende til Bileam og dei hovdingarne som
var med honom. 41 Morgonen etter tok kongen Bileam
med seg upp på Bamot-Ba'al; derifrå kunde han sjå
enden av Israels-lægret.

23 So sagde Bileam til Balak: «Bygg sju altar for
meg her, og få meg hit sju uksar og sju verar!» 2
Balak gjorde som Bileam sagde, og Balak og Bileam
ofra ein ukse og ein ver på kvart altar. 3 So sagde
Bileam til Balak: «Statt her innmed brennofferet ditt,
med eg gjeng burt eit bil; kann henda Herren kjem
til møtes med meg; kva han då let meg sjå, det skal
eg segja med deg.» So gjekk han burt på ei treberr
høgd; 4 der kom Gud til møtes med honom, og Bileam
sagde til honom: «No hev eg stelt til sju altar, og ofra
ein ukse og ein ver på kvart altar.» 5 Då lagde Herren
eit ord i munnen på honom, og sagde: «Gakk attende
til Balak, og tala so som eg no hev lært deg.» 6 Då
han kom attende, såg han Balak stod ved brennofferet
sitt med alle Moabs hovdingar. 7 Då bar han fram
spådomsordet sitt, og kvad: «Or Aram Balak hit meg
baud, or austerfjelli Moabs drott: «Kom! Yver Jakob
våbøn lys, og vreide vond yv' Israel!» 8 Koss kann eg
beda vondt yv' den som Gud vil vel og ikkje vondt, og
lysa heitan harm yv' ein som Herren ikkje harmast på?
9 Frå høgste nuten ser eg han, frå haugarn' eg augna
kann: Ein lyd som liver for seg sjølv. Med heidningfolk
held han'kje lag. 10 Kven kann upprekna Jakobs ætt,
og taka tal på Israel? Det vøre telja sand i strand og
gyvet som på jordi fyk. Måtte' eg som desse gode døy,
og få ei endelykt som dei!» 11 «Kva er det du gjer?»
ropa Balak. «Til å banna fiendarne mine fekk eg deg
hit, og so velsignar du deim!» 12 «Lyt eg ikkje halda
meg etter dei ordi som Herren legg meg i munnen?»
svara Bileam. 13 Då sagde Balak: «Kjære, kom og ver
med meg til ein annan stad, so du kann sjå deim betre
- her ser du berre enden av lægret; heile lægret ser du
ikkje - og bed so ei våbøn yver deim der.» 14 So tok
han Bileam med seg til vardehaugen på toppen av
Pisga; der bygde han sju altar og ofra ein ung ukse og
ein ver på kvart altar. 15 Og Bileam sagde til honom:
«Statt her innmed brennofferet ditt, med eg gjeng der
burt til eit møte.» 16 So kom Herren til møtes med
Bileam, og lagde eit ord i munnen hans, og sagde: «So
skal du tala når du kjem attende til Balak!» 17 Då han
kom attende, stod Balak endå ved brennofferet, og
Moabs hovdingar med honom. «Kva sagde Herren?»
spurde han. 18 Då bar Bileam upp spådomsordet sitt,
og kvad: «Kom, Balak, og mitt kvede høyr, lyd på
min song, son åt Sippor! 19 Rett aldri munde Gud
sitt ord mishalla som eit menneskje ell' angra som eit
mannebarn. Det han hev sagt, set han i verk det han
hev lova, held han og. 20 Velsigning send' han - signar
han, so kann eg ikkje venda det. 21 Aldri hjå Jakob
naud du såg, ell' ulukka hjå Israel; Herren, hans Gud,
er med han stødt, og kongeluren hjå han læt. 22 Gud
leidd han or Egyptarland, ein urukse med sterke horn.
23 Jakob treng ingi trolldomskunst, og ingen spådom i
Israel; når stundi er der, vert det sagt åt Jakob og åt
Israel kva Gud vil gjera til kvar tid. 24 Sjå, lyden som ei
løva ris, som løva lyfter seg til sprang, og ikkje lyster
leggja seg, fyrr ho hev metta seg med rov og drukke
blod av deim ho drap.» 25 Då sagde Balak til Bileam:
«Um du ikkje vil banna deim, so tarv du då ikkje
velsigna deim.» 26 «Hev eg ikkje sagt deg at eg i eitt
og alt lyt gjera som Herren segjer med meg?» svara
Bileam. 27 «Kjære, kom, » sagde kongen, «so skal
eg fylgja deg til ein annan stad; kann henda Herren
ikkje hev noko imot at du bannar deim der.» 28 So
tok han Bileam med seg upp på toppen av Peorfjellet,
som skodar ned på Øydemoen. 29 Då sagde Bileam til
honom: «Bygg sju altar for meg her, og få meg hit sju
unge uksar og sju verar!» 30 Og Balak gjorde som
Bileam sagde, og på kvart alter ein ukse og ein ver.

24 Men no tyktest Bileam sjå at det var Herrens
vilje å velsigna Israel, og han gjekk ikkje burt
og søkte teikn, som han fyrr hadde gjort; han vende
andlitet mot øydemarki, 2 og såg utyver til han fekk
auga på Israels-ætterne, som låg der sida um sida.
Då kom Guds ande yver honom, 3 og han kvad:
«Segjer Bileam, Beors son, mæler mannen med augo
att, 4 han som høyrer ord i frå Gud, syner frå den
Allsterke ser, med opna augo sigen ned: 5 Kor gilde
buder Jakob hev, kor gjæv ein bustad Israel! 6 Som
bekkjedalar breider seg, som aldehagar kring ei å,
aloetrei Herren ol, og cedrarn', attmed vatnet veks. 7
Utor hans byttor strøymer vatn, og vel hans åker vatna
er. Hans konge yver Agag gjeng, og høgt hans rike
hevjar seg. 8 Gud leid' han or Egyptarland, ein urokse
med sterke horn. Fiendefolki upp han et, og knokarn'
deira knasar han, med sine kolvar sund deim skyt. 9
Som løva legg han seg til ro; kven vågar vel å vekkj'
han upp? Gud signe den som signar deg, og banne
den som bannar deg!» 10 Då vart Balak brennande
harm på Bileam; han slo i hop henderne, og sagde til
honom: «Eg kalla deg hit so du skulde beda vondt
yver uvenerne mine, og no hev du velsigna deim tri
gonger! 11 Far no heim med deg so fort du kann! Eg
hadde tenkt å løna deg vel, men Herren hev meinka
deg løni.» 12 Bileam svara: «Sagde eg det ikkje straks
åt dei mennerne du sende til meg? - 13 «Um Balak

gjev meg huset sitt fullt av sylv og gull, » sagde eg,
«so kann eg ikkje brjota Herrens bod og gjera noko
etter min eigen hug, anten godt eller vondt; berre det
Herren vil, kann eg tala.» 14 No fer eg heim att til folket
mitt, men fyrst vil eg varsla deg kva dette folket kjem til
å gjera men ditt folk i komande dagar.» 15 So bar han
upp spådomen sin, og kvad: «Segjer Bileam, Beors
son, mæler mannen med augo att, 16 han som høyrer
ord ifrå Gud, vita fær det den Høgste veit, syner frå
den Allsterke ser, med opna augo sigen ned: 17 Eg
skodar han, men ikkje no, eg augnar han, men ikkje
nær - ei stjerna som or Jakob stig, eit spir som sprett
or Israel! - Moabs tunnvangar trør han sund, og øyder
ufredsætti ut. 18 Edom vert eigedomen hans, og Se'ir
slær han under seg, det uvenern' hans åtte fyrr; stort
velde vinn seg Israel. 19 Av Jakob ris den råda skal;
han ryd ut or byarn' ut deim som frå bardagen hev
berga seg.» 20 So såg han amalekitane. Då kvad han
dette verset: «Fyrst utav folk er Amalek, men ein gong
gjeng han og til grunns.» 21 Og han såg kenitarne, og
kvad: «Din bustad er ei borg so fast, på nuten hev ditt
reir du bygt. 22 Men endå vert det øydelagt snart fører
Assur deg av stad.» 23 So kvad han atter: «Ai, ei, kven
vert vel etter då, når Gud let dette ganga fram? 24
Med skip frå Kittimleidi kjem; dei døyver Assur, døyver
deim som burtanfyre elvi bur, so dei og utor heimen
kverv.» 25 So gjorde Bileam seg reidug, og for heim
att, og Balak tok og på si leid.

**25** Med Israels-folket heldt til i Sittim, tok folket til
å fljuga etter kvinnorne i Moab. 2 Og Moabs-
kvinnorne bad deim til blotveitslorne åt guden sin; so åt
dei med deim og bøygde kne for guden deira; 3 Israel
tydde seg til Ba'al-Peor. Då vart Herren brennande
harm på Israel, 4 og Herren sagde til Moses: «Tak med
deg alle Israels hovdingar, og legg desse mennerne
på stegl for Guds og alle manns augo, so Herrens
brennande vreide kann vendast burt frå Israel!» 5 Og
Moses sagde til styresmennerne i Israel: «Kvar av
dykk skal slå i hel deim av folki sine som hev halde
seg til Ba'al-Peor!» 6 Best det var, kom ein av Israels-
sønerne med ei kvinna frå Midjan, og leidde henne
heim til sitt eige folk midt for augo på Moses og heile
Israels-lyden, med dei sat og syrgde i møtetjelddøri.
7 Då Pinehas, son åt Eleazar og soneson åt Aron,
øvstepresten, såg det, steig han fram or lyden, og
treiv eit spjot 8 og gjekk etter mannen inn i koven, og
rende spjotet gjenom deim båe, mannen og kvinna,
so det gjekk inn i livet hennar. Då stanna sotti som
herja Israels-folket. 9 Men talet på deim som døydde i
sotti, var fire og tjuge tusund. 10 Og Herren tala til
Moses, og sagde: 11 «Pinehas, son åt Eleazar og
soneson åt Aron, øvstepresten, hev vendt vreiden min
burt frå Israels-folket; etter di han stod so strengt på
min rett, vilde ikkje eg vera so streng at eg gjorde
ende på Israels-borni. 12 Difor skal du segja honom at
eg vil gjera samband med honom, so det skal ganga
honom vel; 13 ævelegt prestedøme lovar eg honom
og ætti hans etter honom, for di han var so vyrk for
æra åt sin Gud og gjorde soning for Israels-folket.»
14 Den drepne israeliten, han som vart drepen i hop
med den midjanitiske kvinna, heitte Zimri Saluson;
han var formann for ei grein av Simeons-ætti. 15 Og
midjanitkvinna som vart drepi, heitte Kozbi; ho var
dotter åt Sur, som var hovding yver ei ættgrein av
midjanitarne. 16 Og Herren tala til Moses, og sagde:
17 «De skal søkja åt midjanitarne og slå deim ned; 18
for dei sat um dykk og lagde svikråder mot dykk då
det hende, dette med Peor og Kozbi, frenka deira,
hovdingdotteri frå Midjan, som vart drepi den gongen
sotti kom yver dykk for Peors skuld.»

**26** Då sotti var yver, tala Herren so til Moses og
Eleazar, son åt Aron, øvstepresten: 2 «Tak
tal på heile Israels-lyden, ættgrein for ættgrein, alle
dei våpnføre i Israel som hev fyllt tjuge år!» 3 So
tala Moses og Eleazar, øvstepresten, åt deim på
Moabmoarne ved Jordan, midt for Jeriko, og sagde: 4
«Stig fram, alle menner som hev fyllt tjuge år!» - soleis
som Herren hadde sagt med Moses. Israels-sønerne
som for frå Egyptarland, det var. 5 Ætti etter Ruben,
eldste son åt Israel. Og Rubens-sønerne det var:
Hanokitarne, ætti etter Hanok, pallu'itarne, ætti etter
Pallu, 6 hesronitarne, ætti etter Hesron, karamitarne,
ætti etter Karmi. 7 Dette var Rubens-ætterne, og av
deim var det tri og fyrti tusund og sju hundrad og tretti
mann som vart innskrivne i manntalet. 8 Son åt Pallu
heitte Eliab. 9 Og borni åt Eliab heitte Nemuel og Datan
og Abiram. Men Datan og Abiram, det var dei same
som var valde til folketinget, og var med og yppa strid
mot Moses og Aron den gongen Korah og flokken hans
sette seg upp mot Herren, 10 og jordi let upp gapet
sitt og gløypte både deim og Korah, og elden gjorde
ende på dei tvo hundrad og femti mennerne, so heile
flokken umkomst og vart til eit varsl. 11 Men sønerne
åt Korah miste ikkje livet. 12 Simeons-sønerne, og
det var, etter ætterne deira: Nemuelitarne, ætti etter
Nemuel, jaminitarne, ætti etter Jamin, jakinitarne, ætti
etter Jakin, 13 zerahitarne, ætti etter Zerah, sa'ulitarne,
ætti etter Sa'ul. 14 Dette var Simeons-ætterne, tvo og
tjuge tusund og tvo hundrad mann. 15 Gads-sønerne,
og det var, etter ætterne deira: Sefonitarne, ætti etter
Sefon, haggitarne, ætti etter Haggi, sunitarne, ætti
etter Suni, 16 oznitarne, ætti etter Ozni, eritarne, ætti
etter Eri, 17 aroditarne, ætti etter Arod, arelitarne,
ætti etter Areli. 18 Dette var Gads-ætterne; dei var

etter manntalet fyrti tusund og fem hundrad mann.
19 Av borni åt Juda døydde tvo i Kana'ans-landet;
dei heitte Er og Onan. 20 Dei hine Juda-sønerne det
var, etter ætterne deira: Selanitarne, ætti etter Sela,
parsitarne, ætti etter Peres, zerahitarne, ætti etter
Zerah. 21 Og Peres-sønerne det var, etter ætterne
deira: Hesronitarne, ætti etter Hesron, hamulitarne, ætti
etter Hamul. 22 Dette var Juda-ætterne. Av deim vart
seks og sytti tusund og fem hundrad mann skrivne i
rullorne. 23 Issakars-sønerne, og det var, etter ætterne
deira: Tola'itarne, ætti etter Tola, punitarne, ætti etter
Puvva, 24 jasubitarne, ætti etter Jasub, simronitarne,
ætti etter Simron. 25 Dette var Issakars-ætterne. Av
deim var det fire og seksti tusund og tri hundrad
mann som vart mynstra. 26 Sebulons-sønerne, og det
var, etter ætterne deira: Sarditarne, ætti etter Sered,
elonitarne, ætti etter Elon, jahle'elitarne, ætti etter
Jahle'el. 27 Dette var Sebulons-ætterne. Av deim vart
det mynstra seksti tusund og fem hundrad mann. 28
Sønerne åt Josef med ætterne sine var Manasse og
Efraim. 29 Manasse-sønerne det var: Makiritarne,
ætti etter Makir. Makir fekk sonen Gilead; frå honom
var gileaditarne ætta. 30 Gileads-sønerne det var:
I'ezritarne, ætti etter I'ezer, helkitarne, ætti etter Helek,
31 asrielitarne, ætti etter Asriel, sikmitarne, ætti etter
Sekem, 32 semida'itarne, ætti etter Semida, hefritarne,
ætti etter Hefer. 33 Men Selofhad, son åt Hefer, hadde
ingi søner, berre døtter, og namni på døtterne hans var
Mahla og Noa og Hogla og Milka og Tirsa. 34 Dette var
Manasse-ætterne. Av deim var det tvo og femti tusund
og sju hundrad mann som vart innskrivne. 35 Efraims-
sønerne det var, etter ætterne deira: Sutalhitarne, ætti
etter Sutelah, bakritarne, ætti etter Beker, tahanitarne,
ætti etter Tahan. 36 Og Sutelah-sønerne det var:
Eranitarne, ætti etter Eran. 37 Dette var Efraims-
ætterne; dei var tvo og tretti tusund og fem hundrad
mann som vart skrivne. Det var Josefs-sønerne etter
ætterne deira. 38 Benjamins-sønerne, og det var, etter
ætterne deira: Balitarne, ætti etter Bela, asbelitarne,
ætti etter Asbel, ahiramitarne, ætti etter Ahiram, 39
sufamitarne, ætti etter Sefufam, hufamitarne, ætti
etter Hufam. 40 Og Bela-sønerne var: Arditarne og
na'amanitarne; ætterne etter Ard og Na'aman. 41 Dette
var Benjamins-sønerne etter ætterne deira; av deim
var det fem og fyrti tusund og seks hundrad mann
som stod i manntalet. 42 Dans-sønerne det var, etter
ætterne deira: Suhamitarne, ætti etter Suham. Dette
var Dans-ætterne etter ættetavla deira; 43 Suhamit-
ætterne var etter manntalet i alt fire og seksti tusund
og fire hundrad mann. 44 Assers-sønerne, og det
var, etter ætterne deira: Jimnitarne, ætti etter Jimna,
jisvitarne, ætti etter Jisvi, beri'itarne, ætti etter Beria.
45 Og Beria-sønerne det var: Hebritarne, ætti etter
Heber, malkielitarne, ætti etter Malkiel. 46 Dotter åt
Asser heitte Serah. 47 Dette var Assers-ætterne; av
deim stod det tri og femti tusund og fire hundrad mann
i rullorne. 48 Naftali-sønerne, og det var, etter ætterne
deira: Jahse'elitarne, ætti etter Jahse'el, gunitarne, ætti
etter Guni, 49 jisritarne, ætti etter Jeser, sillemitarne,
ætti etter Sillem. 50 Dette var Naftali-ætterne etter
ættetalet deira; av deim vart det innskrive fem og fyrti
tusund og fire hundrad mann. 51 So mange var det
som vart mynstra av Israels-sønerne, seks hundrad og
eitt tusund og sju hundrad og tretti mann. 52 Og Herren
sagde til Moses: 53 «Åt desse skal landet skiftast ut
til eigedom, etter folketalet. 54 Den som hev mykje
folk, skal du gjeva mykje land, og den som hev lite folk
mindre; kvar ætt skal få so mykje land som han hev
våpnføre menner. 55 Landet skal skiftast på den måten
at dei dreg strå um bygderne, og alle som hev same
ættarnamnet, skal få sin eigedom i same bygdelaget.
56 Kvar skal få det som fell på honom etter strået, men
den som hev mykje folk, skal få meir enn den som hev
lite; soleis skal landet bytast millom deim.» 57 Levi-
ætterne det var etter manntalet: Gersonitarne, ætti
etter Gerson, kahatitarne, ætti etter Kahat, meraritarne,
ætti etter Merari. 58 Desse ættgreinerne var det i Levi-
ætti: Libnitarne, hebronitarne, mahlitarne, musitarne,
korahitarne. Kahat var far åt Amram. 59 Kona åt
Amram heitte Jokebed; ho var dotter åt Levi og fødd i
Egyptarland. Amram fekk med henne sønerne Aron
og Moses, og Mirjam, syster deira. 60 Og Aron fekk
sønerne Nadab og Abihu, Eleazar og Itamar. 61 Men
Nadab og Abihu døydde då dei bar uvigd eld fram
for Herrens åsyn. 62 Av levitarne vart tri og tjuge
tusund innskrivne i manntalet, alle karfolk som var
yver ein månad gamle. Dei vart ikkje talde saman
med dei hine Israels-borni, av di dei ikkje fekk nokon
odel millom deim. 63 Dette var dei som Moses og
Eleazer, øvstepresten, talde då dei mynstra Israels-
sønerne på Moabmoarne ved Jordan, midt for Jeriko.
64 Millom deim fanst det ingen som Moses og Aron,
øvstepresten, hadde skrive inn i manntalet då dei
mynstra Israels-sønerne i Sinaiheidi. 65 For Herren
hadde sagt at dei skulde døy i øydemarki, og no var
det ingen annan att enn Kaleb, son åt Jefunne, og
Josva, son åt Nun.

**27** Men døtterne åt Selofhad - dei heitte Mahla og
Noa og Hogla og Milka og Tirsa, og var ætta frå
Manasse, Josefs son; for Selofhad, far deira, var son
åt Hefer, son åt Gilead, son åt Makir, son åt Manasse -
2 dei gjekk fram i møtetjelddøri, og stod framfor Moses
og Eleazer, øvstepresten, og alle hovdingarne og heile
lyden, og sagde: 3 «Far vår døydde i øydemarki, men

han var ikkje med i den flokken som sette seg upp
mot Herren - i Korah-flokken - han døydde for si synd
skuld, og han hadde ingi søner. 4 Skal no namnet åt
far vår ganga ut or ætti av di han ingen son hadde?
Gjev oss odel tilliks med farbrørne våre!» 5 Moses
bar saki deira fram for Herren. 6 Og Herren sagde
til Moses: 7 «Det er rett som døtterne åt Selofhad
segjer. Du skal gjeva deim odel tilliks med farbrørne
deira, og lata farsgarden ganga i arv til deim. 8 Og
til Israels-folket skal du segja: «Når ein mann døyr,
og ikkje hev nokon son, so skal de lata garden hans
ganga i arv til dotteri. 9 Hev han ingi dotter, so skal
de gjeva brørne hans garden; 10 og hev han ikkje
brør, so skal de lata farbrørne hans få garden; 11 men
hadde ikkje faren nokon bror, so skal den næmaste
skyldingen i ætti få garden til odel og eiga. Dette skal
gjelda for rett hjå Israels-folket, soleis som Herren hev
sagt med Moses.»» 12 Sidan sagde Herren til Moses:
«Stig upp på Abarimfjellet her, og sjå utyver landet
som eg hev gjeve Israels-sønerne. 13 Og når du hev
set det, skal du og fara til federne dine, som Aron,
bror din, fyre deg, 14 av di de var ulyduge mot meg i
Sinheidi, då lyden trætta, og de ikkje vilde syna deim
mi guddomsmagt og lata vatnet strøyma fram for augo
deira.» - Av det hev Meribavatnet ved Kades i Sinheidi
fenge namn. 15 Då tala Moses til Herren og sagde: 16
«Herre, du som kjenner kvar manns hug, vil ikkje du
setja ein mann yver lyden, 17 som kann ganga fyre
deim både heime og burte og fylgja deim både ut og
inn, so ikkje lyden din skal vera som ein saueflokk utan
hyrding!» 18 Og Herren sagde til Moses: «Tak Josva,
son åt Nun! Han er ein heilag mann. Legg handi på
hovudet hans, 19 og leid honom fram for Eleazar,
øvstepresten, og for heile lyden, og set honom inn
til styresmann framfor augo deira, 20 og gjev honom
noko av den vyrdnaden du hev med deg, so kjem heile
Israels-lyden til å høyra på honom. 21 Og han skal
ganga fram for Eleazar, øvstepresten, og Eleazar skal
for Herrens åsyn spyrja urim-oraklet for honom, og
etter hans ord skal dei retta seg i alt dei tek seg fyre,
både Josva og heile Israels-borni og heile lyden.» 22
Moses gjorde som Moses sagde; han tok og leidde
Josva fram for Eleazar, øvstepresten, og heile lyden,
23 og Eleazar lagde henderne på honom, og sette
honom inn til styresmann, som Herren hadde havt
Moses til å segja med honom.

**28** Og Herren tala atter til Moses, og sagde: 2 «So
skal du segja til Israels-sønerne: «Offeri mine,
maten min, dei angande retterne mine lyt de koma
i hug å bera fram for meg på si visse tid.» 3 Seg til
deim: «So skal dei rettarne vera som de ber fram for
Herren: Tvo årsgamle lytelause lamb um dagen, til fast
brennoffer. 4 Eitt lamb skal du ofra um morgonen, og
eitt solegladsbil, 5 og til grjonoffer ei kanna fint mjøl,
blanda med ei halvkanna av den beste beroljen. 6
Det skal vera det faste brennofferet, so som det vart
frambore på Sinaifjellet til ein kveikjande ange, ein
rjukande rett for Herren. 7 Og drykkofferet som høyrer
til det eine lambet, skal vera ei halvkanna vin; den skal
de skjenkja ut i heilagdomen til kryddedrykk for Herren.
8 Det andre lambet skal du ofra solegladsbil; med same
grjonofferet som um morgonen, og same drykkofferet,
skal du bera det fram, då er det ein god offerrett, som
angar søtt for Herren. 9 Um kviledagen skal du ofra
tvo årsgamle lamb utan lyte, og til grjonoffer tvo kannor
fint mjøl, blanda med olje, og drykkofferet som høyrer
til. 10 Det er kviledags-brennofferet som skal berast
fram kvar helg, umfram det daglege brennofferet og
drykkofferet som høyrer til. 11 Den fyrste dagen i kvar
månad skal de bera fram eit brennoffer for Herren: tvo
unge uksar og ein ver og sju årsgamle lamb utan lyte,
12 og til grjonoffer tri kannor fint mjøl, blanda med olje,
for kvar ukse, og tvo kannor fint mjøl, blanda med olje,
for kvar ver, 13 og ei kanna fint mjøl, blanda med olje,
for kvart lamb; då er det eit rett brennoffer som angar
godt, ein god offerrett for Herren. 14 Og drykkofferet
skal vera ei kanna vin for kvar ukse, og tvo pottar
for kvar ver, og ei halvkanna for kvart lamb. Dette
er månads-brennofferet som de skal bera fram kvar
nymånedag i året. 15 Då skal de og ofra ein geitebukk
til syndoffer åt Herren, umfram det daglege brennofferet
og drykkofferet som høyrer til. 16 Den fjortande dagen
i den fyrste månaden er det påskehelg for Herren. 17
Og den femtande dagen i den same månaden er det
pilegrimshelg; då skal de eta usyrt brød sju dagar. 18
Den fyrste dagen skal de halda eit heilagt møte, og må
ikkje gjera noko utearbeid. 19 Og de skal bera fram for
Herren ein rjukande brennofferrett: tvo unge uksar og
ein ver og sju årsgamle lamb - lytelause skal dei vera -
20 og til grjonoffer attåt dei fint mjøl, blanda med olje:
tri kannor for kvar ukse og tvo kannor attåt veren, 21
og ei kanna for kvart av dei sju lambi, 22 og so ein
syndofferbukk til soning for dykk. 23 Dette skal de
ofra umfram morgon-brennofferet, som høyrer til den
daglege offergåva. 24 Sovorne gåvor skal de bera fram
kvar av dei sju dagarne: det er offermat som angar
godt for Herren; attåt det daglege brennofferet skal de
bera det fram, med drykkofferet som høyrer til. 25 Den
sjuande dagen skal de halda eit heilagt møte, og noko
utearbeid må de ikkje gjera då. 26 Nygrødedagen, når
de ber fram eit nytt grjonoffer for Herren, og høgtidar
sjuvikehelgi, då skal de halda eit heilagt møte, og må
ikkje gjera noko utearbeid. 27 Og de skal bera fram eit
brennoffer til godange for Herren: tvo unge uksar og

ein ver og sju årsgamle lamb, 28 og til grjonoffer fint
mjøl, blanda med olje, tri kannor for kvar ukse, og tvo
kannor for kvar ver, 29 og ei kanna for kvart av dei sju
lambi, 30 og so ein geitebukk til soning for dykk. 31
Det skal de ofra umfram det daglege brennofferet og
grjonofferet som høyrer til. Offeri skal vera lytelause,
og dei vanlege drykkofferi skal fylgja med.

29 Den fyrste dagen i den sjuande månaden skal
de halda eit heilagt møte, og må ikkje gjera noko
utearbeid; den dagen skal lurarne ljoma, 2 og de skal
bera fram for Herren eit brennoffer som angar godt:
ein ung ukse, ein ver, sju årsgamle lamb utan lyte, 3
og grjonofferet som høyrer til: fint mjøl, blanda med
olje, tri kannor attåt uksen, og tvo kannor attåt veren,
4 og ei kanna for kvart av dei sju lambi, 5 og so ein
syndofferbukk til soning for dykk, 6 umfram månads-
brennofferet og grjonofferet som høyrer til det, og
umfram det faste brennofferet med sitt grjonoffer og
dei vanlege drykkofferi; då er det ein god offerrett, som
angar søtt for Herren. 7 Tiande dagen i den same
sjuande månaden skal de halda eit heilagt møte. Då
skal de fasta og ikkje gjera noko arbeid; 8 og de skal
bera fram for Herren eit brennoffer som angar godt:
ein ung ukse, ein ver, sju årsgamle lamb - lytelause
skal dei vera - 9 og grjonofferet som høyrer til: fint
mjøl, blanda med olje, tri kannor attåt uksen, og tvo
kannor attåt veren, 10 og ei kanna for kvart av dei sju
lambi, 11 og so ein geitebukk til syndoffer, umfram
sonings-syndofferet og det daglege brennofferet med
grjonofferet og drykkofferi som høyrer til. 12 Femtande
dagen i den sjuande månaden skal de samlast til eit
heilagt møte, og må ikkje gjera noko utearbeid; og de
skal halda pilegrimshelg for Herren i sju dagar. 13 Då
skal de bera fram for Herren ein brennofferrett, som
angar godt for Herren: trettan unge uksar, tvo verar,
fjortan årsgamle lamb - lytelause skal dei vera - 14
og grjonofferet som høyrer til: fint mjøl, blanda med
olje, tri kannor for kvar av dei trettan uksarne, og tvo
kannor for kvar av dei tvo verarne, 15 og ei kanna for
kvart av dei fjortan lambi, 16 og so ein geitebukk til
syndoffer, umfram det daglege brennofferet med sitt
grjonoffer og drykkoffer. 17 Andre dagen skal de bera
fram tolv unge uksar, tvo verar, fjortan årsgamle lamb
utan lyte, 18 og grjonoffer og drykkoffer som vanleg,
svarande til uksarne og verarne og lambi etter talet,
19 og ein geitebukk til syndoffer, umfram det daglege
brennofferet med sitt grjonoffer og sine drykkoffer; 20
tridje dagen elleve uksar, tvo verar, fjortan årsgamle
lamb utan lyte, 21 og grjonoffer og drykkoffer som
vanleg, svarande til uksarne og verarne og lambi etter
talet, 22 og ein syndofferbukk, umfram det daglege
brennofferet med sitt grjonoffer og drykkoffer; 23 fjorde
dagen ti uksar, tvo verar, fjortan årsgamle lamb utan
lyte, 24 med grjonoffer og drykkoffer som vanleg,
svarande til uksarne og verarne og lambi etter talet, 25
og ein syndofferbukk, umfram det daglege brennofferet
med sitt grjonoffer og drykkoffer; 26 femte dagen ni
uksar, tvo verar, fjortan årsgamle lamb utan lyte, 27
med grjonoffer og drykkoffer som vanleg, svarande
til uksarne og verarne og lambi etter talet, 28 og
ein syndofferbukk, umfram det daglege brennofferet
med sitt grjonoffer og drykkoffer; 29 sette dagen åtte
uksar, tvo verar, fjortan årsgamle lamb utan lyte, 30
med grjonoffer og drykkoffer som vanleg, svarande
til uksarne og verarne og lambi etter talet, 31 og ein
syndofferbukk, umfram det daglege brennofferet med
sitt grjonoffer og drykkoffer; 32 sjuande dagen sju
uksar, tvo verar, fjortan årsgamle lamb utan lyte, 33
med grjonoffer og drykkoffer som vanleg, svarande
til uksarne og verarne og lambi etter talet, 34 og ein
syndofferbukk, umfram det daglege brennofferet med
sitt grjonoffer og drykkoffer. 35 Åttande dagen skal de
halda ei stor samlingshøgtid, og må ikkje gjera noko
utearbeid; 36 og de skal bera fram ein brennofferrett
som angar godt: ein ukse, ein ver, sju årsgamle lamb
utan lyte, 37 med grjonoffer og drykkoffer som vanleg,
svarande til uksen og veren og lambi etter talet, 38 og
ein syndofferbukk, umfram det daglege brennofferet
med sitt grjonoffer og drykkoffer. 39 Dette er det de
skal ofra Herren på høgtiderne dykkar, umfram det de
hev lova eller gjev i godvilje, anten det er brennoffer
eller grjonoffer eller drykkoffer eller takkoffer.»» 40
Og Moses sagde alt dette med Israels-folket, heiltupp
soleis som Herren hadde sagt honom fyre.

30 Sidan tala Moses til hovdingarne yver Israels-
ætterne, og sagde: «Høyr no eit anna bod som
Herren hev gjeve: 2 Når ein mann hev gjort ein lovnad
til Herren, eller svore ein eid, at han vil halda seg
ifrå ymse ting, so skal han ikkje brjota ordet sitt; det
han hev lova, skal han halda. 3 Når ei ung kvinna,
som endå er heime hjå far sin, hev gjort ein lovnad til
Herren, og svore at ho vil halda seg ifrå ymse ting, 4
og far hennar fær høyra um lovnaden hennar og eiden
ho hev bunde seg med, og tegjer til det, so skal det
gjelda alt det ho hev lova, og kvar eid ho hev bunde
seg med, skal gjelda. 5 Men dersom far hennar same
dagen som han fær høyra um nokon lovnad ho hev
gjort, eller nokon eid ho hev bunde seg med, forbyd
henne å halda sitt ord, so skal det vera um inkje, og
Herren skal gjeva henne til, etter di det var faren som
meinka henne. 6 Vert ho gift, og hev ein lovnad på
seg, eller hev bunde seg med eit tankelaust ord, og
sagt at ho vil halda seg ifrå ymse ting, 7 og mannen

hennar fyrr eller sidan fær vita det, og ikkje segjer noko
imot, då skal det gjelda det ho hev lova, og det ordet
ho hev bunde seg med, skal gjelda. 8 Men dersom
mannen hennar same dagen som han fær vita det,
forbyd henne å halda sitt ord, so gjer han lovnaden ho
hev på seg um inkje, og det tankelause ordet ho hev
bunde seg med, og Herren skal gjeva henne til. 9 Hev
ei enkja eller fråskild kona gjort ein lovnad, og nemnt
noko ho vil halda seg ifrå, so skal ho halda ord. 10
Når ei kona etter ho er gift hev lova noko, eller bunde
seg med eid til å halda seg ifrå eitt eller anna, 11 og
mannen hennar fær vita det, men tegjer og ikkje forbyd
henne å halda sitt ord, so skal det gjelda alt det ho hev
lova, og kvar eid ho hev bunde seg med, skal gjelda.
12 Men dersom mannen hennar gjer det um inkje same
dagen som han fær høyra um det, so gjeld ikkje noko
av dei ordi ho soleis hev slept av munnen, anten det er
ein lovnad ho hev gjort, eller det er noko ho hev svore
seg ifrå: Mannen hennar hev gjort det um inkje, og
Herren skal gjeva henne til. 13 Kvar lovnad ho hev
gjort og kvar eid ho hev svore um å halda seg ifrå eitt
eller hitt og spekja seg, kann mannen hennar anten
stadfesta eller gjera um inkje. 14 Men tegjer han um
det til andre dagen, so hev han stadfest alt det ho hev
lova eller bunde seg til; han hev stadfest det med di
han tagde då han fekk vita det. 15 Og gjer han det
fyrst um inkje ei tid etter han fekk høyra um det, so
ber han ansvaret for brotet hennar.» 16 Dette er dei
fyresegnerne Herren gav Moses um den retten ein
mann hev yver kona si, og ein far yver dotter si, so
lenge ho er ung og er heime hjå faren.

**31** Og Herren tala til Moses, og sagde: 2 «Du skal
taka hemn for det som midjanitarne hev gjort
Israels-borni; sidan skal du fara til federne dine.» 3
Då tala Moses til folket, og sagde: «Lat nokre av
mannskapet dykkar bu seg til herferd! Dei skal koma
yver midjanitarne, og føra Herrens hemn yver Midjan.
4 Tusund mann frå kvar av Israels-ætterne skal de
senda ut i herferd.» 5 Av dei mange tusund i Israel
baud dei då ut tusund mann frå kvar ætt, tolv tusund
herbudde menner. 6 Deim sende Moses ut i herferd,
tusund mann frå kvar ætt, og med deim sende han
Pinehas, son åt Eleazar, øvstepresten; han hadde med
seg dei heilage gognerne og stridslurarne. 7 Og dei
gjorde ei herferd mot Midjan, so som Herren hadde
sagt med Moses, og slo i hel alle karmenner. 8 Og
millom deim som dei drap, var kongarne i Midjan, Evi
og Rekem og Sur og Hur og Reba, dei fem Midjans-
kongarne; og Bileam, son åt Beor, fall og for sverdet
deira. 9 So tok dei konorne og borni åt midjanitarne
og klyvdyri og bufeet deira og alt det dei åtte; 10 og
alle borgarne i det landet dei hadde slege seg ned
i og alle tjeldlægri deira, sette dei eld på. 11 Og alt
herfanget og alt folket og feet dei hadde teke, 12
førde dei dit som Moses og Eleazar, øvstepresten,
og heile Israels-lyden var - til lægret på Moabmoarne
ved Jordan, midt for Jeriko - både fangarne og feet
og alt det andre herfanget. 13 Og Moses og Eleazar,
øvstepresten, og alle dei høgste i lyden gjekk til møtes
med deim utanfor lægret. 14 Men Moses var vond på
hovdingarne som kom heim frå stridsferdi, både dei
som stod yver tusund og dei som stod yver hundrad
mann, 15 og han sagde til deim: «Hev de spart alle
kvinnorne? 16 Det var då dei som lydde Bileams råd
og lokka Israels-sønerne til å svika Herren for Peors
skuld, so sotti kom yver Herrens lyd. 17 Slå no i hel alle
sveinborn, og alle kvinnor som hev åtta mann eller havt
med karfolk å gjera! 18 Men alle ungmøyar som ikkje
hev havt med karfolk å gjera, skal de spara, og dei
skal høyra dykk til. 19 Og so lyt de halda dykk utanfor
lægret i sju dagar, og alle som hev slege nokon i hel
eller kome nær nokon som er i helslegen, lyt reinsa
seg for synd den tridje og den sjuande dagen, både
dei og fangarne deira. 20 Og alle klæde, og alt som
er gjort av ler eller geiteragg, og alle trekjerald lyt de
reinsa.» 21 Og Eleazar, øvstepresten, sagde til dei
mennerne som hadde vore med i herferdi: «Denne
fyresegni hev Herren gjeve Moses: 22 Gull og sylv,
kopar og jarn, tin og bly, 23 alt som toler eld, skal de
hava i elden, so vert det reint; de lyt berre etterpå skira
det med vigslevatn; men alt som ikkje toler eld, skal
de hava i vatn. 24 Og den sjuande dagen skal de två
klædi dykkar, so vert de reine, og sidan kann de koma
inn i lægret.» 25 Og Herren sagde til Moses: 26 «Du
og Eleazar, øvstepresten, og ættehovdingarne i lyden
skal taka tal på alt folket og feet som er fanga, 27 og
skifta det likt millom stridsmennerne som var med i
herferdi og alt hitt folket. 28 Og du skal taka ei avgift
av stridsmennerne: eitt liv for kvart femhundrad, både
av folk og av storfe og asen og småfe; 29 det skal
de taka av den helvti som fell på herfolket, og gjeva
det til Eleazar, øvstepresten; det skal vera ei reida til
Herren. 30 Og av den helvti som fell på dei hine Israels-
sønerne, skal du taka ut eit liv for kvart halvhundrad,
både av folk og av kyr og asen og sauer - av alt feet
- og gjeva deim til levitarne som hev umsut med alt
det som skal gjerast i Herrens hus.» 31 Moses og
Eleazar, øvstepresten, gjorde som Herren hadde sagt
til Moses. 32 Og herfanget, det som var att av alt det
stridsfolket hadde teke, det var: sauer og geiter: seks
hundrad og fem og sytti tusund; 33 uksar og kyr: tvo og
sytti tusund; 34 asen: ein og seksti tusund; 35 av folk
- kvinnor som ikkje hadde vore nær nokon karmann
- var det i alt tvo og tretti tusund. 36 Helvti av dette,

den luten som fall på hermennerne, var då: småfe: tri
hundrad og sju og tretti tusund og fem hundrad i talet,
37 so avgifti til Herren av sauerne og geiterne vart seks
hundrad og fem og sytti; 38 uksar og kyr: seks og tretti
tusund; av deim var avgifti til Herren tvo og sytti; 39
asen: tretti tusund og fem hundrad, og avgifti av deim
til Herren ein og seksti; 40 fangar: sekstan tusund, og
av deim i avgift til Herren tvo og tretti ungmøyar. 41 Og
Moses gav avgifti, det som skulde vera reida åt Herren,
til Eleazar, øvstepresten, som Herren hadde sagt med
honom. 42 Den helvti som kom på dei hine Israels-
sønerne, og som Moses hadde skift ifrå hermennerne,
43 den helvti som lyden fekk, det var: tri hundrad og sju
og tretti tusund og fem hundrad sauer og geiter, 44 og
seks og tretti tusund uksar og kyr, 45 og tretti tusund
og fem hundrad asen, 46 og sekstan tusund fangar.
47 Av denne helvti - den som fall på Israels-sønerne
- tok Moses ut eit liv for kvart halvhundrad av både
folk og fe, og gav deim til levitarne som greidde det
som skulde gjerast i Herrens hus, soleis som Herren
hadde sagt med honom. 48 So gjekk hovdingarne yver
herflokkarne, både dei yver tusund og dei yver hundrad
mann, fram for Moses 49 og sagde til honom: «Me hev
teke tal på stridsmennerne som me hadde under oss,
og det vantar ikkje ein mann. 50 Difor kjem me no kvar
med det gullet me hev vunne: armringar og armband
og fingerringar og øyreringar og kulelekkjor; det skal
vera ei gåva til Herren og ein løysepening for livet
vårt.» 51 Og Moses og Eleazar, øvstepresten, tok imot
gullet dei kom med; alt saman var det fint arbeidde
ting. 52 Gullet som dei vigde åt Herren, var i alt elleve
hundrad merker; det var gåva frå hovdingarne. 53 Men
mannskapet hadde og vunne mykje gull, kvar åt seg.
54 Då Moses og Eleazar, øvstepresten, hadde teke
imot gullet av hovdingarne, bar dei det inn i møtetjeldet
og gøymde det der til ei minning for Herren um Israels-
folket.

**32** Rubens-sønerne og Gads-sønerne hadde mykje
bufe - uhorveleg mykje. Då dei no såg dei gode
beitemarkerne i landet kring Jazer og i Gileadlandet, 2
kom dei og sagde til Moses og Eleazar, øvstepresten,
og hovdingarne i lyden: 3 «Atarot og Dibon og Jazer
og Nimra og Hesbon og Elale og Sebam og Nebo
og Beon, 4 dei bygderne som Herren hev vunne for
Israels-lyden, det er gode febygder, og me hev mykje
fe. 5 «Vil du gjera vel mot oss», sagde dei, so lat
oss få det landet til odel og eiga, og før oss ikkje
yver Jordan!» 6 Då sagde Moses til Gads-sønerne og
Rubens-sønerne: «Skal brørne dykkar ganga i striden,
og de setja dykk til her? 7 Vil de då gjera Israels-
sønerne uhuga til å fara yver åt det landet som Herren
hev gjeve deim? 8 Det var det federne dykkar gjorde
då eg sende deim ut frå Kades-Barnea til å skoda
landet: 9 dei for upp til Eskoldalen og såg på landet, og
so skræmde dei Israels-sønerne, so dei miste hugen
til å koma inn i det landet som Herren hadde gjeve
deim. 10 Den dagen vart Herren brennande harm, og
han svor: 11 «Ingen av dei mennerne som for upp frå
Egyptarland, og er yver tjuge år gamle, skal få sjå det
landet eg hev lova Abraham og Isak og Jakob; for dei
hev ikkje lydt meg som dei skulde - 12 ingen utan
Kaleb Jefunneson av Kenaz-ætti og Josva Nunsson;
dei hev vore trugne til å fylgja Herren.» 13 Herren vart
harm på Israel og let deim flakka ikring i øydemarki i
fyrti år, til det var ende på heile den ætti som hadde
gjort Herren imot. 14 Og no hev de stige i staden åt
federne dykkar, eit elde av synduge menner, og aukar
endå meir Herrens harm imot Israel. 15 For slær de
dykk ifrå og ikkje vil fylgja honom, so kjem han til
å halda deim endå lenger i øydemarki, og de fører
ulukka yver heile dette folket.» 16 Då gjekk dei fram for
Moses og sagde: «Me vil gjera kvier for feet vårt her og
byggja borgar for konorne og borni våre; 17 og so vil
me væpna oss snøggast me vinn og fara fyre dei hine
Israels-sønerne, til me hev ført deim dit dei skal; men
konorne og borni våre skal sitja att i borgerne, so dei
er trygge for folket her i landet. 18 Me skal ikkje venda
heim att, fyrr Israels-borni hev fenge kvar sin eigedom;
19 for me vil ikkje taka land saman med dei andre på hi
sida Jordan og lenger undan, når me fær vårt land på
denne sida, austanfor Jordan.» 20 «Ja, gjer de det, »
sagde Moses, «væpnar de dykk til striden for Herrens
augo, 21 og alle stridsmennerne dykkar fer yver Jordan
for Herrens augo, til han hev drive fiendarne sine or
syne, 22 og vender de'kje heim att fyrr landet er vunne
for Herrens augo, so hev de ingi skuld på dykk, korkje
mot Herren eller Israel, og dette landet her skal vera
dykkar eigedom med Herrens vilje. 23 Men gjer de
det ikkje, då syndar de imot Herren, og skal få kjenna
at syndi finn dykk att. 24 Bygg borgar for konorne og
borni dykkar, og stell til kvier for småfeet, og gjer som
de hev lova!» 25 «Me vil gjera som du segjer, herre, »
svara dei; 26 «borni og konorne våre og feet og alle
klyvdyri skal vera her i Gileads-borgerne; 27 men sjølve
vil me ganga yver Jordan for Herrens augo til strid,
kvar våpnføre mann, soleis som du hev sagt.» 28 So
tala Moses um det til Eleazar, øvstepresten, og Josva
Nunsson og hovdingarne yver alle Israels-ætterne, 29
og sagde: «Gjeng Gads-sønerne og Rubens-sønerne,
so mange som er våpnføre, med dykk yver Jordan for
Herrens augo, og landet vert teke, so skal de gjeva
deim Gileadlandet til eigedom. 30 Men gjeng dei ikkje
stridsbudde med dykk yver, so skal dei få eigedomen

sin i Kana'ans-landet, saman med dykk andre.» **31**
Og Gads-sønerne og Rubens-sønerne svara: «Det
som Herren hev sagt til oss, det vil me gjera: **32** me vil
fara stridsbudde yver til Kana'ans-landet for Herrens
augo, men odelseiga vår skal vera her på denne sida
av Jordan.» **33** Då gav Moses Gads- og Rubens-
ætterne og halve Manasse-ætti dei riki som Sihon,
amoritarkongen, og Og, kongen i Basan, hadde åtta,
heile landet med alle byarne rundt ikring og markerne
som høyrde til. **34** Og Gads-sønerne bygde upp att
Dibon og Atarot og Aroer **35** og Atrot-Sofan og Jazer
og Jogbeha **36** og Bet-Nimra og Bet-Haran - faste
borger og fekvier. **37** Og Rubens-sønerne bygde upp
att Hesbon og Elale og Kirjatajim **38** og Nebo og Sibma
og Ba'al-Meon, den siste vende dei namnet på; elles
let dei borgerne hava dei gamle namni. **39** Sønerne åt
Makir, Manasses son, for til Gileadlandet, og tok det,
og dreiv ut amoritarne som budde der. **40** Og Moses
gav Makirs-ætti Gilead, og dei sette seg ned der. **41**
Ja'ir, son åt Manasse, for av stad og tok tjeldbyarne
deira, og kalla deim Ja'irsbyarne. **42** Og Nobah for av,
og tok Kenatborgi og grenderne der ikring og gav borgi
sitt eige namn, Nobah.

**33** No skal eg nemna dei staderne der Israels-folket
tok læger på ferdi si, då Moses og Aron førde
flokkarne deira burt frå Egyptarland. **2** For kvar gong
dei tok ut ifrå lægret, skreiv Moses upp kvar dei var,
so som Herren hadde sagt med honom, og her er
namni på lægerstaderne deira etter som dei for fram. **3**
Femtande dagen i fyrste månaden tok Israels-sønerne
ut frå Ra'amses, påskedagen for dei i veg med tråss i
hugen, midt for augo på alle egyptarane; **4** egyptarane
heldt då på og jorda alle sine frumborne, deim som
Herren hadde slege i hel; for Herren hadde halde dom
yver gudarne deira. **5** Då Israels-sønerne hadde fare
frå Ramses, lægra dei seg fyrst i Sukkot. **6** So tok
dei ut frå Sukkot, og lægra seg i Etam, ytst utmed
øydemarki. **7** So tok dei ut frå Etam, men sidan snudde
dei um, og tok vegen til Pi-Hakhirot, som ligg midt imot
Ba'al-Sefon, og dei lægra seg framanfor Migdol. **8** So
tok dei ut frå Pi-Hakhirot, og for tvert igjenom havet til
øydemarki, og då dei hadde fare tri dagar i Etammarki,
lægra dei seg i Mara. **9** So tok dei ut frå Mara, og
kom til Elim. I Elim var det tolv vatskjeldor og sytti
palmetre, og dei lægra seg der. **10** So tok dei ut frå
Elim, og lægra seg ved Raudehavet. **11** So tok dei ut
frå Raudehavet, og lægra seg i Sinheidi. **12** So tok
dei ut frå Sinheidi, og lægra seg i Dofka. **13** So tok
dei ut frå Dofka, og lægra seg i Alus. **14** So tok dei ut
frå Alus, og lægra seg i Refidim; men der fanst det
ikkje vatn so folket kunde få drikka. **15** So tok dei ut frå
Refidim, og lægra seg i Sinaiheidi. **16** So tok dei ut frå
Sinaiheidi, og lægra seg i Kibrot-Hatta'ava. **17** So tok
dei ut frå Kibrot-Hatta'ava, og lægra seg i Haserot. **18**
So tok dei ut frå Haserot, og lægra seg i Ritma. **19** So
tok dei ut frå Ritma, og lægra seg i Rimmon-Peres. **20**
So tok dei ut frå Rimmon-Peres, og lægra seg i Libna.
**21** So tok dei ut frå Libna, og lægra seg i Rissa. **22** So
tok dei ut frå Rissa, og lægra seg i Kehelata. **23** So tok
dei ut frå Kehelata, og lægra seg innmed Seferfjellet.
**24** So tok dei ut frå Seferfjellet, og lægra seg i Harada.
**25** So tok dei ut frå Harada, og lægra seg i Makhelot.
**26** So tok dei ut frå Makhelot, og lægra seg i Tahat. **27**
So tok dei ut frå Tahat, og lægra seg i Tarah. **28** So tok
dei ut frå Tarah, og lægra seg i Mitka. **29** So tok dei ut
frå Mitka, og lægra seg i Hasmona. **30** So tok dei ut frå
Hasmona, og lægra seg i Moserot. **31** So tok dei ut frå
Moserot, og lægra seg i Bene-Ja'akan. **32** So tok dei
ut frå Bene-Ja'akan, og lægra seg i Hor-Hagidgad. **33**
So tok dei ut frå Hor-Hagidgad, og lægra seg i Jotbata.
**34** So tok dei ut frå Jotbata, og lægra seg i Abrona.
**35** So tok dei ut frå Abrona, og lægra seg i Esjon-
Geber. **36** So tok dei ut frå Esjon-Geber, og lægra seg
i Sinheidi, i Kades. **37** So tok dei ut frå Kades, og
lægra seg attmed Horfjellet, i landskilet med Edom. **38**
Og Aron, øvstepresten, gjekk upp på Horfjellet, som
Herren hadde sagt med honom, og der døydde han
i det fyrtiande året etter Israels-sønerne hadde teke
ut frå Egyptarlandet, fyrste dagen i femte månaden.
**39** Aron var hundrad og tri og tjuge år gamall då han
døydde på Horfjellet. **40** Men den kananitiske kongen
som budde i Arad, i sørluten av Kana'an, fekk høyra at
Israels-sønerne kom; **41** då tok dei ut frå Horfjellet, og
lægra seg i Salmona. **42** So tok dei ut frå Salmona,
og lægra seg i Punon. **43** So tok dei ut frå Punon,
og lægra seg i Obot. **44** So tok dei ut frå Obot, og
lægra seg i Ijje-ha-Abarim i landskilet med Moab. **45**
So tok dei ut frå Ijjim, og lægra seg i Dibon-Gad. **46**
So tok dei ut frå Dibon-Gad, og lægra seg i Almon-
Diblataima. **47** So tok dei ut frå Almon-Diblataima, og
lægra seg i Abarimfjelli, austanfor Nebo. **48** So tok dei
ut frå Abarimfjelli, og lægra seg på Moabmoarne ved
Jordanelvi der ho renn frammed Jeriko; **49** lægret deira
låg langs med Jordan, og rakk frå Bet-ha-Jesjimot
til Abel-hasj-sjittim på Moabmoarne. **50** Og Herren
tala til Moses på Moabmoarne ved Jordan, midt for
Jeriko, og sagde: **51** «Tala til Israels-sønerne, og seg
til deim: «Når de fer yver Jordan og kjem til Kana'ans-
landet, **52** so skal de driva ut deim som bur der i landet,
og knasa alle bilætsteinarne deira, og slå sund alle
gudelikjendi dei hev støypt seg, riva ned alle hovi. **53**
De skal eigna til dykk landet, og setja dykk ned der; for
dykk hev eg gjeve det landet til odel og eiga. **54** De
skal skifta det millom dykk etter ætter, og draga strå

um bygderne. Den som hev mykje folk, skal de gjeva
mykje jord, og den som hev lite folk mindre. Kvar skal
få den eigedomen som strået hans kjem ut med. Etter
ætterne de høyrer til skal landet bytast millom dykk. **55**
Men driv de deim ikkje ut, dei som no bur i landet, so
skal dei som de sparer verta tornar i augo og broddar i
sidorne dykkar, og dei skal plåga dykk i dykkar eige
land. **56** Og det som eg hadde sett meg fyre å gjera
med deim, det skal eg då gjera med dykk.»»

**34** Og Herren tala meir til Moses, og sagde: **2**
«Seg til Israels-sønerne: «Når de kjem inn i
Kana'ans-landet - det er det landet de skal hava
og eiga, heile Kana'ans-landet so vidt som det er
- **3** so skal landeskilet dykkar på sudsida ganga frå
Sinheidi langs med Edom, den søre bytestrengen skal
i aust ganga ut ifrå enden av Saltsjøen, **4** og svinga
sudum Skorpionskardet, og so taka yver til Sin; so
skal han ganga fram sunnanfor Kades-Barnea, til han
når Hasar-Addar, og so taka yver til Asmon; **5** frå
Asmon skal bytet svinga burt til Egyptarlands-bekken,
og so ganga i havet. **6** I vest skal landet støyta til
Storhavet; det skal vera landskilet dykkar mot vest. **7**
På nordsida skal landskilet ganga soleis. Frå Storhavet
skal de draga skiftelina til Horfjellet **8** og frå Horfjellet
dit som vegen ber til Hamat; der skal bytet ganga ut
ved Sedad; **9** sidan skal det halda fram til Zifron, og
so enda ved Hasar-Enan. Dette skal vera landskilet
dykkar mot nord. **10** I aust skal de setja landskilet etter
ei lina som gjeng frå Hasar-Enan til Sefam. **11** Frå
Sefam skal bytet ganga nedetter til Ha-ribla, i aust for
Ajin, og so lenger ned, til det når berghallet austanfor
Kinneretsjøen; **12** so skal det ganga nedåt Jordan,
og ut i Saltsjøen. Det skal vera landet dykkar, etter
bytemerki sine rundt ikring.»» **13** Og Moses sagde til
Israels-sønerne: «Dette er det landet som de skal få til
odel og eiga; de skal skifta det i luter, og draga strå um
luterne; det er det landet som Herren hev sagt skal
gjevast åt dei ni ætterne og den eine halve ætti. **14** For
Rubens-ætti med greinerne sine og Gads-ætti med
sine greiner og den halve Manasse-ætti hev fenge
dei eigorne dei skal hava; **15** desse tvo ætterne og
den halve ætti hev fenge sin eigedom på denne sida
av Jordanelvi, som renn frammed Jeriko - i aust, der
soli kjem upp.» **16** Og Herren tala atter til Moses, og
sagde: **17** «Høyr no kva dei er for menner som skal
skifta ut landet millom dykk; Eleazar, øvstepresten,
og Josva Nunsson, **18** og so ein hovding frå kvar
ætt, som de skal taka til utskiftingsmann; **19** det er av
Juda-ætti Kaleb, son åt Jefunne; **20** og av Simeons-
ætti Semuel, son åt Ammihud; **21** og av Benjamins-
ætti Elidad, son åt Kislon; **22** so ein hovding av Dans-
ætti: Bukki, son åt Jogli; **23** og av Josefs-sønerne
ein hovding av Manasse-ætti: Hanniel, son åt Efod,
**24** og ein hovding av Efraims-ætti: Kemuel, son åt
Siftan; **25** so ein hovding av Sebulons-ætti: Elisafan,
son åt Parnak; **26** og ein hovding av Issakars-ætti:
Paltiel, son åt Azzan; **27** og ein hovding av Assers-ætti:
Akhihud, son åt Selomi; **28** og ein hovding av Naftali-
ætti: Pedael, son åt Ammihud.» **29** Desse mennerne
var det som Herren sagde skulde skifta eigedomarne
millom Israels-sønerne i Kana'ans-landet.

**35** Og Herren tala atter til Moses på Moabmoarne
ved Jordan, midt for Jeriko, og sagde: **2** «Seg
til Israels-sønerne: «De skal gjeva levitarne byar til
bustad i det landet de kjem til å eiga, og utmarki som
ligg ikring, skal de og lata levitarne få. **3** Byarne skal
dei hava til å bu i, og utmarki som høyrer til, skal vera
til beite for klyvdyri og feet og all buskapen deira. **4**
Utmarki som de gjev levitarne, skal nå tusund alner
ut ifrå bymuren rundt ikring. **5** Utanfor byen skal de
mæla upp tvo tusund alner på austsida, og tvo tusund
alner på sudsida, og tvo tusund alner på vestsida,
og tvo tusund alner på nordsida, og byen skal liggja
midt i; det skal vera bymarkerne deira. **6** Dei byarne
som de gjev levitarne, skal vera dei seks fredstaderne,
som dråpsmenner kann røma til, og attåt deim skal
de gjeva tvo og fyrti andre byar. **7** I alt skal de gjeva
levitarne åtte og fyrti byar med beitemarkerne som
høyrer til. **8** Og av dei byarne som de gjev deim av
eigedomen åt Israels-sønerne, skal dei taka fleire frå
den som hev mykje land, og færre frå den som hev
lite. Kvar skal gjeva levitarne byar etter som han hev
fenge land til.»» **9** Og Herren tala atter til Moses, og
sagde: **10** «Tala til Israels-sønerne og seg til deim:
«Når de fer yver Jordan og til Kana'ans-landet, **11**
so lyt de velja dykk ut nokre byar som de skal hava
til fredstader, so ein dråpsmann som uviljande hev
drepe nokon, kann røma dit. **12** Dei byarne skal vera
dykk til ei trygd mot den som vil hemna dråpet, so
dråpsmannen ikkje skal lata livet, fyrr han hev stade til
doms for lyden. **13** Dei byarne som de tek til fredstader,
skal vera seks i talet. **14** Tri av deim skal vera på
austsida av Jordan og tri i Kana'ans-landet; fredstader
skal dei vera. **15** Både for Israels-borni og for dei
framande og innflutte som bur millom deim, skal desse
seks byarne vera til ei livd, so den som uviljande
hev drepe nokon, kann søkja dit. **16** Den som slær
ein med eit jarnhandyvle, so han døyr, han er ein
manndråpar, og manndråparen skal lata livet. **17** Tek
nokon ein stein, stor nok til å drepa ein mann, og
slær ein med so han døyr, då er han ein manndråpar,
og manndråparen skal lata livet. **18** Tek nokon eit
trehandyvle som dei kann drepa folk med, og slær ein

med det, so han døyr, då er han ein manndråpar, og
manndråparen skal lata livet. 19 Det er blodhemnaren
kann slå manndråparen i hel; so snøgt som han finn
honom, skal han slå honom i hel. 20 Dersom nokon
støyter til ein av hat, eller kastar noko på honom med
vilje, so han døyr, 21 eller av fiendskap slær ein med
neven, so han døyr, so skal den som gjorde det lata
livet; han er ein manndråpar: og blodhemnaren skal slå
honom i hel so snøgt han finn honom. 22 Men dersom
nokon støyter til ein av vanvare, utan fiendskap, eller
kastar einkvar tingen på honom mot sin vilje, 23 eller
råmar honom med ein stein, stor nok til å drepa ein
mann, og ikkje ser honom, og han døyr av det, men
dråpsmannen ikkje var hans uven eller vilde honom
vondt, 24 då skal lyden døma millom dråpsmannen
og blodhemnaren etter desse loverne. 25 Og lyden
skal verja dråpsmannen for blodhemnaren, og føra
honom attende til fredstaden som han hadde søkt
til, og der skal han vera til øvstepresten, han som
er salva med den heilage oljen, er avliden. 26 Men
kjem han utum fredstaden som han hev tydt til, 27 og
blodhemnaren råkar honom der - utanfor fredstaden -
so kann hemnaren slå honom i hel, og det skal ikkje
reknast for manndråp; 28 for dråpsmannen lyt halda
seg i fredstaden sin, til øvstepresten er avliden; då fyrst
kann han fara heim att til si eigi bygd og sin eigedom.
29 Dette skal gjelda for lov og rett hjå dykk alle tider
og alle stader. 30 Hev nokon gjort manndråp, so skal
han lata livet, so framt det er meir enn eitt vitne mot
honom; etter ein manns vitnemål må ingen dømast frå
livet. 31 De må ikkje taka imot løysepengar for ein som
er saka i manndråp og dømt til dauden, han skal lata
livet. 32 Og de må ikkje taka imot løysepengar for ein
som hev tydt til ein fredstad, og lata honom koma ut
att og bu ein annan stad i landet, fyrr øvstepresten
er avliden. 33 De skal ikkje vanhelga det landet de
bur i; for blodet vanhelgar landet, og landet fær ikkje
soning for blodet som hev runne der utan med blodet
av den som rende det ut. 34 Difor skal du ikkje sulka
det landet de bur i, og som eg hev min bustad i; for eg
Herren, hev bustaden min millom Israels-folket.»»

**36** Husfederne åt Gileads-folket, som var ætta
frå Makir, son åt Manasse, og høyrde til
Josefs-ætterne, gjekk fram og tala so til Moses og
styresmennerne, ættehovdingarne åt Israels-folket: 2
«Herren sagde, at du skulle byta landet i luter og lata
Israels-sønerne draga strå um luterne, og han sagde
at du skulde lata døtterne åt Selofhad, frenden vår,
få eigedomen etter far sin. 3 Men vert no dei gifte
med menner av dei andre Israels-ætterne, so gjeng
eigedomen deira ifrå vår ætt, og jordi åt den ætti dei
kjem inn i aukar, men vår ættarjord minkar. 4 Og når
jubelåret kjem hjå Israels-folket, so vert eigedomen åt
desse gjentorne lagd til den ætti som dei hev kome inn
i, og teken ifrå vår ætt.» 5 Då tala Moses til Israels-
sønerne, so som Herren hadde sagt honom fyre: «Det
er rett som Josefs-sønerne segjer; 6 Høyr no kva
Herrens vilje er med døtterne åt Selofhad: dei kann
gifta seg med kven dei vil, men det lyt vera innan
fedreætti deira. 7 For ingen eigedom må hjå Israels-
folket ganga yver frå ei ætt til ei onnor. Alle Israels-
sønerne skal halda på eigedomen åt fedreætti si. 8 Og
kvar ei dotter som erver jord i eit av Israelsfylki, lyt gifta
seg med ein frå same fylket, so kvar Israelsson kann
erva odelsjordi etter federne sine, 9 og ingen eigedom
skal ganga yver frå ei ætt til ei onnor, men alle Israels-
ætterne halda på eigedomen sin.» 10 Og døtterne åt
Selofhad gjorde som Herren hadde sagt til Moses. 11
Mahla og Tirsa og Hogla og Milka og Noa, alle døtterne
åt Selofhad, gifte seg med frendar; 12 med menner
som var ætta frå Manasse, son åt Josef, gifte dei seg,
so odelen deira kom til å fylgja den ætti dei høyrde
til. 13 Dette var dei bodi og loverne som Herren let
Moses kunngjera for Israels-folket på Moabmoarne
ved Jordanelvi der ho renn frammed Jeriko.

# 5 Mosebok

1 Dette er dei ordi Moses tala til heile Israel i
øydemarki austanfor Jordan, på Moarne midt for
Suf, millom Paran og Tofel og Laban og Haserot og
Dizahab - 2 elleve dagsleider frå Horeb etter den
vegen som ber burt imot Se'irfjelli, til Kades-Barnea. 3
Det var i det fyrtiande året, fyrste dagen i den ellevte
månaden, han tala til Israels-sønerne og bar fram
bodi frå Herren. 4 Då hadde han vunne yver Sihon,
amoritarkongen, som budde i Hesbon, og attmed
Edre'i yver Og, Basan-kongen, som budde i Astarot. 5
Austanfor Jordan, i Moablandet, var det Moses tok til
med å lesa upp desse loverne. Han sagde: 6 Herren
vår Gud, tala soleis til oss ved Horeb: «Lenge nok hev
de halde dykk innmed dette fjellet. 7 Tak no ut og
legg vegen til Amoritarfjelli og alle dei folki som bur
der attmed, på Moarne og i fjellbygderne, på sletta
og i Sudlandet og på havstrandi, i heile Kana'ans-
landet og på Libanon, alt burt til Storelvi, Eufratelvi.
8 Sjå, eg hev lagt landet ope for dykk. Far av stad
og tak det! Det er det landet eg lova federne dykkar,
Abraham og Isak og Jakob, at eg vilde gjeva deim
og ætti deira.» 9 Den gongen sagde eg til dykk: «Eg
kann ikkje greida dykk åleine. 10 Herren, dykkar Gud,
hev auka dykk, so de no er mange som stjernorne
på himmelen; 11 og gjev at han, fedreguden, vilde
auka dykk endå tusund gonger og velsigna dykk, som
han hev lova! 12 Men korleis kann eg åleine bera alt
strevet og møda med dykk og trættorne dykkar? 13
Kom med nokre vise og vituge og velrøynde menner
frå kvar ætt, so skal eg setja deim til hovdingar yver
dykk!» 14 Då svara de meg: «Det er både rett og godt
det du tenkjer å gjera.» 15 So tok eg ættehovdingarne
dykkar, vise og velrøynde menner, og sette til styrarar
yver dykk - sume yver tusund, og sume yver hundrad,
og sume yver femti, og sume yver ti - og gjorde deim
til formenner for ætterne dykkar. 16 Og til domarane
dykkar sagde eg: «Høyr på dei sakerne folk hev med
kvarandre, og døm rett millom mann og mann, anten
dei båe er landsmenner eller den eine er framand. 17
Gjer ikkje mannemun i retten! Høyr på den ringaste
som på den høgste, og ver ikkje rædde nokon mann!
For domen høyrer Gud til. Men dei sakerne som er
for vande for dykk, lyt de koma til meg med, so skal
eg høyra på deim.» 18 Og same gongen sagde eg
dykk fyre um alt anna de skulde gjera. 19 So tok me ut
frå Horeb, og for gjenom heile den store og øgjelege
villmarki som de hev set; me heldt leidi til Amoritarfjelli,
soleis som Herren, vår Gud, hadde sagt oss, og kom
til Kades-Barnea. 20 Då sagde eg til dykk: «No er de
komne til Amoritarfjelli, som Herren, vår Gud, vil gjeva
oss. 21 Sjå, han hev lagt dette landet ope for deg! Far
upp og tak det, som Herren, din fedregud, hev sagt
deg! Du skal ikkje ræddast og ikkje fæla!» 22 Då kom
de til meg alle saman, og sagde: «Lat oss senda folk
fyre, so dei kann gjera seg kjende i landet og gjeva oss
greida på kva veg me skal fara og kva byar me kjem
til!» 23 Det tykte eg var rett, og so valde eg ut tolv
mann, ein or kvar ætt. 24 Dei tok då av stad, og for upp
i fjelli, og kom til Eskoldalen. Dei endefor landet, 25 og
tok noko av frukterne der var og hadde med seg heim
til oss, og sagde frå um alt dei hadde set: «Det landet
som Herren, vår Gud, vil gjeva oss, er eit godt land, »
sagde dei. 26 Men de vilde ikkje fara dit; de sette dykk
upp mot Herren, dykkar Gud, 27 og sat og mukka i
tjeldbuderne dykkar: «Herren hatar oss, » sagde de,
«difor førde han oss ut or Egyptarlandet, og no vil han
gjeva oss i henderne på amoritarne, so dei skal tyna
oss. 28 Gud betre oss, for eit land me skal fara upp til!
Det var so hjarta kolna i oss då brørne våre kom att og
sagde: «Det er folk som er større og sterkare enn me,
og svære byar, med murar som rekk radt til himmels:
og Anaks-sønerne såg me der og.»» 29 Då sagde eg
til dykk: «De skal ikkje ottast og ikkje vera rædde deim.
30 Herren, dykkar Gud, gjeng fyre dykk; han skal strida
for dykk, soleis som de såg han gjorde i Egyptarland,
31 og i øydemarki, der du veit han bar deg, som ein
mann ber barnet sitt, heile vegen de for, til de kom
hit.» 32 Men endå vilde de ikkje lita på Herren, dykkar
Gud, 33 han som gjekk fyre dykk på ferdi, og såg etter
lægerstad for dykk, um natti i ein eld, so de skulde
sjå leidi, og um dagen i ei sky. 34 Då Herren høyrde
korleis de ropa og bar dykk, vart han harm, og svor:
35 «Ingen av desse mennerne, av denne vonde ætti,
skal få sjå det gilde landet eg lova federne deira, 36
ingen utan Kaleb, son åt Jefunne; han skal få sjå det;
honom og borni hans vil eg gjeva det landet han var i,
for di han hev heldt seg so trutt etter meg.» 37 Meg og
vart Herren harm på for dykkar skuld, og sagde: «Du
skal ikkje heller få koma dit. 38 Josva, son åt Nun,
han som gjeng deg til handa, skal koma dit. Honom
skal du styrkja! For han er det som skal vinna landet
til odel åt Israel. 39 Og borni dykkar, som de spådde
skulde koma i fiendehand, småsveinerne, som endå
ikkje kann skilja godt ifrå vondt, dei skal koma dit;
deim vil eg gjeva landet, og dei skal få eiga det. 40
Men de lyt venda, og taka ut i øydemarki etter den
vegen, som ber til Raudehavet.» 41 Då sagde de til
meg: «Me hev synda mot Herren! Men no vil me fara
upp og strida, og gjera alt som Herren, vår Gud, hev
sagt.» So batt de kring dykk sverdi kvar og ein; de
tenkte det var ingen vande å fara upp i fjelli. 42 Men
Herren sagde til meg: «Seg med deim at dei ikkje skal

fara dit, og ikkje gjeva seg i strid; for eg er ikkje med
deim, og dei kjem til å rjuka for fienden.» 43 So tala
eg til dykk, men de vilde ikkje høyra; de lydde ikkje
Herren og for i ovmod og uvyrdskap upp i fjelli. 44 Og
amoritarne som budde på dei fjelli, tok ut imot dykk
og sette etter dykk so kvast som ein biesvarm, og
dei jaga dykk ifrå einannan burtyver Se'irfjelli, radt
til Horma. 45 Då kom de attende, og klaga dykk for
Herren; men Herren høyrde ikkje på dykk, og lydde
ikkje på klagorne dykkar, 46 og de laut vera i Kades
heile den lange tidi de veit.

**2** So vende me oss åt øydemarki, og tok vegen til
Raudehavet, som Herren hadde sagt med meg,
og me for lenge og sveiv kringum Se'irfjelli. 2 Då
sagde Herren til meg: 3 «Lenge nok hev de reika ikring
desse fjelli; tak no leidi mot nord! 4 Og til folket skal
du segja so: «No kjem de til å fara gjenom riket åt
brørne dykkar, Esaus-sønerne, dom bur i Se'ir, og
dei vert rædde dykk; men agta dykk vel 5 at de ikkje
yppar ufred med deim; eg kann'kje lata dykk få so
mykje som ei fotbreidd av landet deira; for Se'irfjelli
hev eg gjeve Esau til eigedom. 6 Den maten de treng,
lyt de kjøpa av deim, og vatnet de drikk, lyt de og
gjeva pengar for. 7 For Herren, din Gud, hev velsigna
deg i alt du hev teke deg fyre; han hev bore umsut
for deg på ferdi gjenom denne store øydemarki; i alle
desse fyrti åri hev Herren, din Gud, vore med deg,
og du hev ingen ting vanta.»» 8 So for me lenger
frametter, burt ifrå brorfolket vårt, Esaus-sønerne,
som bur i Se'ir; me tok utav den vegen som gjeng
frå Eilat og Esjon-Geber gjenom Moarne, og heldt
fram etter ein annan veg, som bar til Moabheidi. 9
Og Herren sagde til meg: «Du skal ikkje trengja deg
inn på moabitarne, og ikkje yppa ufred med deim;
eg kann ikkje lata deg få noko av landet deira; for
Ar hev eg gjeve Lots-sønerne til eigedom.» 10 Der
budde i gamle dagar emitarne, eit stort og mannsterkt
folk; dei var høgvaksne som anakitarne, 11 og vart,
liksom dei, rekna til kjempefolki, men moabitarne kallar
deim emitar. 12 På Se'ir budde fyrr i tidi horitarne;
men Esaus-sønerne dreiv deim burt, og øydde deim
ut, og sette seg ned i staden deira, liksom Israels-
folket gjorde i sitt land, det som Herren gav deim til
eigedom. 13 «Gjer dykk no reiduge, » sagde Herren,
«og gakk yver Zeredåi!» So gjekk me yver Zeredåi. 14
Då var det åtte og tretti år sidan me tok ut frå Kades-
Barnea, og heile den ætti, alle våpnføre menner i
lægret, var burtdøydde, som Herren hadde sagt med
deim. 15 Herrens hand hadde råma deim, og rive deim
burt or lægret, so dei alle var farne. 16 Då alle desse
stridsmennerne i folket var daude og burte, 17 då tala
Herren til meg og sagde: 18 «No kjem du til å fara
gjenom Moabriket, gjenom Ar, 19 og so ligg vegen din
frammed Ammons-sønerne; men du skal ikkje trengja
deg inn på deim, og ikkje yppa ufred med dei; eg kann
ikkje lata deg få noko av Ammonitarlandet; for det hev
eg gjeve burt til Lots-sønerne.» 20 Det landet vert og
rekna til kjempelandi; fyrr i verdi budde det kjempor
der, og ammonitarne kalla deim zamzummitar. 21 Dei
var eit stort og mannsterkt folk, og høgvaksne som
anakitarne; men Herren rudde deim ut for Ammons-
sønerne, so dei fekk landet og busette seg der. 22 Det
same gjorde han for Esaus-sønerne, som bur på Se'ir;
han rudde ut horitarne, so Esaus-sønerne fekk landet,
og sidan hev dei butt der til denne dag. 23 Like eins
gjekk det med avitarne, som sat på gardarne alt burt til
Gaza; kaftorarane kom frå Kaftor, og øydde deim ut,
og tok romet deira. 24 «Gjer dykk reiduge, » sagde
Herren; «far i veg, og set yver Arnonåi! Eg gjev Sihon,
amoriten, kongen i Hesbon, og landet hans i dine
hender. Tak til med å slå det under deg, og gjev deg i
strid med honom! 25 Etter denne dag skal det standa
otte og rædsla av deg yver heile verdi; alle som høyrer
gjete deg, skal bivra og skjelva.» 26 Frå Kedemotheidi
sende eg menner til Sihon, kongen i Hesbon, med
fredleg helsing, og sagde: 27 «Lat meg få fara gjenom
landet ditt! Eg skal halda meg på vegen, og ikkje taka
utav honom, korkje til høgre eller vinstre. 28 Det eg lyt
hava til mat, skal eg kjøpa av deg, og drikkevatnet du
gjev meg, skal eg og leggja pengar for. Eg vil berre få
fara igjenom på min fot, 29 liksom Esaus-sønerne på
Se'ir og moabitarne i Ar gav meg lov til, so eg kann
koma yver Jordan til det landet Herren, vår Gud, vil
gjeva oss.» 30 Men Sihon, kongen i Hesbon, vilde ikkje
lata oss fara gjenom landet sitt. For Herren, din Gud,
hadde gjort hugen hans strid og hjarta hans hardt,
av di han vilde gjeva honom i dine hender, som han
longe hev gjort. 31 Og Herren sagde til meg: «No gjev
eg deg magt yver Sihon og landet hans; tak no du til
med å slå det under deg, so det vert ditt!» 32 So for
Sihon imot oss, til Jahas, med alt herfolket sitt, og tok
på oss. 33 Men Herren, vår Gud, gav honom i vårt
vald, og me hogg honom ned, både han og sønerne
og alt stridsfolket hans. 34 Den gongen tok me og
alle byarne hans; me bannstøytte kvar byen, og drap
både menner og kvinnor og born; me let ingen vera att
eller sleppa undan. 35 Men bufeet eigna me til oss, og
herfanget i byarne som me tok. 36 Frå Aroer, som ligg
inn med Arnon, og frå byen i dalen til Gilead fanst det
ikkje ei borg som var oss for sterk; Herren lagde deim
alle opne for oss. 37 Men landet åt Ammons-sønerne
let du vera i fred, både det som ligg frammed Jabbokåi

og fjellbygderne, alt det som Herren, vår Gud, hadde
meinka oss å koma inn i.

**3** So tok me på ei onnor leid, og for uppetter på
vegen til Basan, og Og, kongen i Basan, kom imot
oss til Edre'i med alt herfolket sitt, og baud ufred.
**2** Men Herren sagde til meg: «Du tarv ikkje vera
rædd honom. Eg gjev honom i dine hender med alt
folket og landet hans, og du kann gjera med honom,
som du gjorde med Sihon, kongen yver amoritarne,
som budde i Hesbon.» **3** So gav Herren, vår Gud,
Basan-kongen Og i våre hender, både honom og alt
folket hans, og me hogg deim ned, so ingen vart att
eller slapp undan. **4** Den gongen tok me alle byarne
hans - det fanst ikkje ein by utan me tok honom frå
deim - seksti byar, som alle høyrde til Argoblandet,
riket åt Og i Basan. **5** Alle desse var faste borger
med høge murar og tvihurda portar med slå fyre.
Umfram deim tok me og alle landsbyarne, og det
var uhorveleg mange. **6** Me bannstøytte deim, som
me hadde gjort med Sihon, kongen i Hesbon; kvar
einaste by bannstøytte me, og drap både menner og
kvinnor og born. **7** Men all buskapen og alt herfanget i
byarne eigna me til oss. **8** Soleis tok me den gongen
landet frå båe amoritarkongane austanfor Jordan,
alt ifrå Arnonåi til Hermonfjellet **9** - det er det som
sidonitarne kallar Sirjon, og amoritarne Senir - **10** alle
byarne på høgsletta og heile Gilead og heile Basan
radt til Salka og Edre'i, alle byarne i riket åt Og i
Basan. **11** Og, kongen i Basan, var den siste som
var att av kjempefolket; kista hans stend, som alle
veit, i Rabba, hovudstaden åt Ammons-sønerne; ho
er av jarnstein, og er ni alner lang og fire alner breid
etter vanleg alnemål. **12** «Dette landet lagde me under
oss då. Bygderne nordanfor Aroer, som ligg innmed
Arnonåi, og helvti av Gileadfjelli med byarne som der
var, let eg rubenitarne og gaditarne få. **13** Og det som
var att av Gilead og heile Basan, riket åt Og, heile
Argoblandet, gav eg til den halve Manasse-ætti.» Heile
dette Basanriket rekna dei til kjempelandi. **14** Ja'ir,
son åt Manasse, tok heile Argoblandet radt til bytet
mot gesuritarne og ma'akatitarne; desse bygderne,
Basanbygderne, gav han namn etter seg sjølv, og
sidan hev folk kalla deim Ja'irsbygderne alt til denne
dag. **15** Gilead let eg Makir få, **16** og rubenitarne og
gaditarne gav eg landet frå Gilead til Arnonåi, til midt
i åi, der som landskilet gjeng, og til Jabbokåi, som
er landskilet mot Ammons-sønerne, **17** og Moarne
nedunder Pisgaliderne austanfor Jordanåi - for ho er
landskilet der - frå Kinneret til Moavatnet, det som dei
kallar Saltsjøen. **18** Den gongen var det eg sagde til
dykk: «Dette landet hev Herren, dykkar Gud, gjeve
dykk til eigedom. No lyt de fara fram stridsbudde fyre
dei andre Israels-sønerne, so mange av dykk som er
våpnføre, **19** og berre konorne og borni dykkar og
bufeet - for eg veit de hev mykje bufe - skal vera att i
byarne som eg hev gjeve dykk; **20** men når Herren
hev late brørne dykkar koma til ro liksom de, og dei og
hev lagt under seg det landet han gjev deim på hi sida
Jordan, då kann de fara heim att til eigedomarne som
eg hev gjeve dykk.» **21** Same gongen sagde eg til
Josva: «Du såg sjølv kva Herren, dykkar Gud, gjorde
med desse tvo kongarne; so vil han gjera med alle dei
riki du kjem til der du fer fram. **22** De tarv ikkje rræddast
deim; for Herren, dykkar Gud, vil sjølv strida for dykk.»
**23** Og same gongen bad eg so vænt til Herren, og
sagde: **24** «Herre, min Gud, du hev alt synt meg so
mykje av din storleik og di allmagt; for kvar finst det
ein gud i himmelen eller på jordi som kann gjera slike
storverk og under som du! **25** Å, lat meg få koma yver
og sjå det gilde landet på hi sida åt Jordan, desse
væne fjelli og Libanon!» **26** Men Herren var harm på
meg for dykkar skuld; han vilde ikkje høyra på meg og
sagde: «No lyt det vara nok! Tala ikkje um det til meg
meir! **27** Stig upp på Pisgahøgdi, og vend augo dine
mot vest, og mot nord, og mot sud, og mot aust, og sjå
vel ikring deg! For denne Jordanåi kjem du aldri yver.
**28** So skal du segja Josva fyre, og styrkja og stålsetja
honom; for han skal føra dette folket yver og hjelpa
deim til å vinna det landet du fær sjå.» **29** So lagde me
oss til i dalen, midt for Bet-Peor.

**4** «So høyr no, Israel, dei loverne og bodi eg lærer
dykk, og haldt dykk etter deim, so de kann få liva
og koma til å eiga det landet som Herren, fedreguden
dykkar, vil gjeva dykk. **2** De skal ingen ting leggja
attåt det som eg segjer dykk fyre, og ingen ting taka
ifrå, men lyda Herrens bod, som eg no ber fram for
dykk. **3** De såg sjølve kva Herren gjorde då det hende
dette med Ba'al-Peor; alle deim som fylgde Ba'al-Peor,
rudde Herren ut or lyden; **4** men de som heldt fast ved
Herren, dykkar Gud, de hev alle fenge liva til denne
dag. **5** Sjå, no lærar eg dykk lover og bod, soleis som
Herren, min Gud, hev sagt til meg, so de skal liva
etter deim i det landet de kjem til og fær i eige. **6** So
ber deim i hugen, og liv etter deim! Då fær de ord for
visdom og klokskap hjå alle folkeslag; når dei høyrer
um alle desse bodi, kjem dei til å segja: «For eit vist
og vitugt folk det må vera, dette store folket!» **7** For
kvar finst det eit folk, um det er aldri so stort, som
hev ein gud so nær seg som Herren, vår Gud, er oss,
kvar gong me kallar på honom? **8** Og kvar finst det
eit folk, um det er aldri so stort, som hev so rettvise
lover og bod som heile denne lovi eg legg fram for
dykk i dag? **9** Men agta deg, so sant du hev livet ditt
kjært, at du ikkje gløymer det du såg for augo dine!

Lat det aldri ganga deg ut or hugen so lenge du liver,
og gjer det kunnigt for borni og barneborni dine! **10**
Kom i hug den dagen då du stod framfor Herren, din
Gud, innmed Horeb, og Herren sagde til meg: «Kalla
folket i hop! Eg vil lata deim høyra bodi mine, so dei
kann læra å ottast meg all den tid dei liver på jordi,
og læra borni sine det same.» **11** Då kom dei innåt,
og stod nedunder fjellet, og fjellet stod i ljos loge til
langt upp i himmelen, men rundt ikring var myrker og
sky og skodd. **12** Og Herren tala til dykk midt utor
elden; de høyrde ljoden av ordi, men nokon skapnad
såg de ikkje; de høyrde berre ljoden. **13** Då lyste han
lovi si for dykk, og sagde de skulde halda henne, dei
ti bodordi, og skreiv deim på tvo steintavlor. **14** Og
meg bad Herren same gongen å læra dykk lover og
bod som de skal liva etter i det landet de er på vegen
til og skal leggja under dykk. **15** Tak dykk då vel i
vare, so sant de hev livet kjært! for de såg ikkje nokon
skapnad då Herren tala til dykk på Horeb midt utor
elden. **16** Gjer ikkje so stor ei synd at de lagar dykk
noko gudebilæte, noko kunstverk som likjest mann
eller kvende **17** eller noko av dyri som leikar på jordi
eller nokon av fuglarne som flyg uppi lufti, **18** eller
noko av kreket som krabbar på marki eller nokon av
fiskarne som sym i vatnet utfyre landjordi. **19** Og når
du lyfter augo dine upp imot himmelen, og skodar soli
og månen og stjernorne, heile himmelheren, tak deg
då i vare at du ikkje let deg dåra, so du bed til deim og
dyrkar deim, deim som Herren, din Gud, hev gjeve åt
alle folk under heile himmelen! **20** Men dykk tok Herren
og førde ut or jarnomnen, or Egyptarland, so de skulde
vera hans eige folk, soleis som de no er. **21** Og Herren
vart harm på meg for dykkar skuld, og svor at eg
skulde ikkje sleppa yver Jordan, og ikkje koma inn i det
gilde landet som han gjev deg til odel og eiga. **22** Eg
lyt døy i dette landet, eg slepp ikkje yver Jordan; men
de skal koma yver, og få det gilde landet til eigedom.
**23** Agta dykk då at de ikkje gløymer pakti Herren hev
gjort med dykk, og lagar dykk noko gudebilæte som
likjest nokon ting i verdi! for det hev Herren, din Gud,
forbode deg. **24** Herren, din Gud, er ein øydande eld,
ein streng Gud. **25** Når du fær born og barneborn,
og vert gamle i landet, og de då er so gudlause at
de lagar dykk likjende av eitt eller anna og hev til
gudebilæte, og soleis gjer det som Herren mislikar,
og argar honom upp, **26** so tek eg i dag himmel og
jord til vitne på at de snart skal verta utrudde or det
landet de fær i eige når de kjem yver Jordan; de skal
ikkje få liva der lenge, men verta heiltupp utøydde. **27**
Herren skal spreida dykk millom folki; berre nokre få
av dykk skal vera att i dei heidningriki han fører dykk
til; **28** og der lyt de tena gudar som mannehender hev
laga, stokk og stein, som korkje kann sjå eller høyra
eller eta eller lukta. **29** Då skal du søkja Herren, din
Gud, og du skal finna honom, so sant du søkjer honom
av heile ditt hjarta og heile din hug. **30** Når du er i
vande, og alt dette kjem yver deg, langt fram i tidi,
då skal du venda deg til Herren att, og lyda etter ordi
hans. **31** For Herren, din Gud, er ein mild Gud; han
slepper deg ikkje, og let deg ikkje ganga til grunnar;
han gløymer ikkje den pakti han gjorde med federne
dine, og det han då lova. **32** For spør deg berre fyre
um dei framfarne dagar, som var fyre di tid, alt ifrå den
dagen då Gud skapte menneskja på jordi, spør frå den
eine enden av verdi til hin, um det hev hendt eller vore
spurt noko so stort som dette, **33** um noko folk hev
høyrt Guds røyst midt utor elden, soleis som du hev
gjort, og endå fenge liva, **34** eller um nokon gud hev
bode til å vilja henta seg eit folk midt ut or eit anna folk,
med plågor og teikn og under og ufred, og med fast
hand og strak arm og store rædslor, soleis som du såg
Herren, din Gud, gjorde med dykk i Egyptarland. **35**
Men alt dette fekk du sjå, so du skulde vita at Herren
er Gud, han og ingen annan. **36** Frå himmelen let han
deg høyra røysti si, av di han vilde rettleida deg, og på
jordi synte han deg den store elden sin, og midt utor
elden høyrde du ordi hans. **37** Han hadde lagt hug til
federne dine, og kåra ut ætti deira; difor henta han deg
sjølv ut or Egyptarland med si store magt **38** og vil for
di skuld driva ut folk som er større og sterkare enn du,
so han kann føra deg inn i landet deira, og lata deg
få det til odel og eige, soleis som du no ser. **39** So
legg deg då i dag på hjarta og minne at Herren er Gud
både uppi himmelen og nedpå jordi; det finst ingen
annan Gud; **40** og haldt loverne og bodi hans, som eg
lærer deg no; då skal det ganga deg vel, og borni dine
og, og du skal få liva lenge i det landet som Herren,
din Gud, gjev deg til æveleg eiga.» **41** Den gongen
skilde Moses ut tri byar austanfor Jordan, **42** so ein
fredlaus kunde røma dit, når han uviljande hadde
drepe nokon, og ikkje bar hat til honom frå fyrr; rømde
han til ein av desse byarne, skulde han vera trygg for
livet sitt. **43** Det var Beser i øydemarki, på høgsletta,
for rubenitarne, og Ramot i Gilead for gaditarne, og
Golan i Basan for manassitarne. **44** Her er då den
lovi som Moses lagde fram for Israels-sønerne; **45**
dette er dei bodi og fyresegnerne og rettarne han
lyste for deim på ferdi frå Egyptarland, **46** austanfor
Jordan, i dalen midt for Bet-Peor, i det landet som
Sihon, amoritarkongen, hadde åtta, han som budde i
Hesbon, og som Moses og Israels-sønerne vann yver
då dei kom frå Egyptarland; **47** då tok dei både hans
land og landet åt Og, kongen i Basan, landet åt båe
amoritarkongarne som budde austanfor Jordan, **48** frå

Aroer, som ligg innmed Arnonåi, til Sionsfjellet, det som
dei kallar Hermon, 49 og heile Moalandet austanfor
Jordan alt til Moavatnet, nedunder Pisgaliderne.

5 Og Moses kalla i hop heile Israel og sagde til deim:
«Høyr, Israel, dei loverne og bodi som eg lyser
for dykk i dag, og lær deim, og ber deim i hugen, so
de liver etter deim! 2 Herren, vår Gud, gjorde ei pakt
med oss på Horeb. 3 Ikkje med federne våre gjorde
han den pakti, men med oss, alle me her som liver i
dag. 4 Åsyn mot åsyn tala Herren med dykk på fjellet
midt utor elden. 5 Eg stod millom Herren og dykk den
gongen, og bar ordi hans fram for dykk; for de var
rædde elden, og våga dykk ikkje upp på fjellet. Han
sagde: 6 «Eg er Herren, din Gud, som førde deg ut
or Egyptarlandet, or slavehuset. 7 Du skal ikkje hava
nokon annan gud attåt meg! 8 Du skal ikkje gjera deg
noko gudebilæte, nokor likning av det som er uppi
himmelen eller det som er nedpå jordi eller det som er
i vatnet nedanfor landjordi! 9 Du skal ikkje bøygja kne
for deim, og ikkje beda til deim! For eg, Herren, din
Gud, er ein streng Gud; eg hemner broti åt federne
på borni og barneborni og barnebarns-borni av deim
som hatar meg, 10 men imot deim som elskar meg
og held bodi mine, gjer eg vel i tusund ættleder. 11
Namnet åt Herren, din Gud, skal du ikkje taka vyrdlaust
på tunga! For Herren held ikkje den uskuldig som
nemnar namnet hans vyrdlaust. 12 Du skal koma i
hug kviledagen, og halda honom heilag, soleis som
Herren, din Gud, hev sagt med deg! 13 Seks dagar
må du arbeida og gjera alt det du skal. 14 Men den
sjuande dagen skal vera kviledag og vigd åt Herren,
din Gud. Då skal du ikkje gjera noko arbeid, korkje
du eller son din eller dotter di, eller drengen din eller
tenestgjenta, eller uksen eller asnet eller noko anna
av dyri dine, eller den framande som held til innan
portarne dine! For tenarane dine lyt kvila dei som du.
15 Kom i hug at du sjølv var tenar i Egyptarlandet, og
Herren, din Gud, henta deg ut derifrå med sterk hand
og strak arm; difor hev han sagt deg at du skal halda
kviledagen heilag. 16 Du skal æra far din og mor di,
som Herren, din Gud, hev sagt med deg; då skal du få
liva lenge og vel i det landet som Herren, din Gud,
gjev deg. 17 Du skal ikkje drepa! 18 Og du skal ikkje
gjera hor! 19 Og du skal ikkje stela! 20 Og du skal ikkje
vitna rangt imot grannen din! 21 Og du skal ikkje trå
etter kona åt grannen din! Og du skal ikkje trå etter
huset åt grannen din, eller garden hans, eller drengen
eller tenestgjenta hans, eller uksen eller asnet hans
eller noko anna som høyrer grannen din til.» 22 Desse
ordi tala Herren på fjellet med høg røyst til heile lyden
dykkar, midt utor elden og skyi og myrkret, og meir
sagde han ikkje; og han skreiv dei på tvo steintavlor,
og gav deim til meg. 23 Men då de høyrde røysti midt
utor myrkret, og såg fjellet stod i ljos loge, då kom de til
meg, alle ættehovdingarne og styresmennerne dykkar,
24 og sagde: «No hev Herren, vår Gud, synt oss sin
herlegdom og sitt velde, og me hev høyrt røysti hans
midt utor elden; i dag hev me set at ein mann kann liva
um Gud hev tala med honom. 25 Og so lyt me døy like
vel! For denne svære elden kjem til å tyna oss. Høyrer
me no lenger på røysti åt Herren, vår Gud, so døyr me.
26 For kven finst det på jordi som hev høyrt den livande
Gud tala midt utor elden, som me, og endå fenge liva?
27 Gakk du innåt, og høyr kva Herren, vår Gud, segjer!
So kann du segja med oss alt det han talar til deg, og
me skal høyra og lyda.» 28 Då Herren høyrde kva de
tala med meg um, sagde han til meg: «Eg høyrde kva
folket sagde med deg; det er rett alt det dei hev sagt.
29 Gjev dei all tid måtte hava den same hugen til å
ottast meg og halda alle bodi mine, so det kann ganga
deim og borni deira vel i all æva! 30 Gakk burt til deim
og seg at dei kann ganga heim att til buderne sine.
31 Men du lyt vera att her hjå meg, so eg kann segja
deg alle bodi og loverne og rettarne som du skal læra
deim, og som dei skal liva etter i det landet eg gjev
deim til eiga.» 32 So kom då i hug å gjera som Herren,
dykkar Gud, hev sagt dykk! Tak ikkje or leidi, korkje til
høgre eller vinstre! 33 Fylg allstødt den vegen som
Herren hev synt dykk! Då skal de trivast og liva både
vel og lenge i det landet de fær til eiga.

6 Dette er dei bodi og loverne og rettarne som Herren,
dykkar Gud, sagde eg skulde læra dykk, og som
han vil de skal liva etter i det landet de er på vegen
til og skal leggja under dykk. 2 Ottast du Herren, din
Gud, og held du heile ditt liv alle bodi og loverne hans,
som eg ber fram for deg no, du og son din og soneson
din, då skal dagarne dine verta mange på jordi. 3 So
høyr då bodi hans, Israel, og ber deim i hugen, og
liv etter deim! Då skal det ganga deg vel, og de skal
aukast og trivast i eit land som fløymer med mjølk og
honning, soleis som Herren, din fedregud, hev sagt
med deg. 4 Høyr, Israel! Herren er vår Gud, Herren
åleine. 5 Du skal elska Herren, din Gud, av alt ditt
hjarta og av all din hug og av all di magt.» 6 Og desse
ordi som eg lærer deg no, skal du gøyma i hjarta; 7 og
du skal prenta deim inn i borni dine, og tala um deim
når du sit heime, og når du gjeng etter vegen, og når
du legg deg, og når du ris upp att; 8 og du skal binda
deim på handi di til eit merke, og bera deim som eit
hovudband yver augo, 9 og skriva deim på dørskierne
i huset ditt og på portarne dine. 10 No fører Herren din
Gud deg inn i det landet som han lova federne dine,
Abraham og Isak og Jakob, at han vilde gjeva deg, til
store og væne byar som du ikkje hev bygt, 11 og fulle

hus, som du ikkje hev fyllt, til gravne brunnar, som du
ikkje hev grave, og hagar med vin- og oljetre, som
du ikkje hev sett. Når du då nyt godt av alt dette, 12
so agta deg at du ikkje gløymer Herren, som henta
deg ut or Egyptarlandet, or slavehuset. 13 Herren, din
Gud, skal du ottast, og honom skal du tena, og ved
hans namn skal du sverja. 14 Far ikkje etter andre
gudar, som folki rundt ikring dykkar fer etter! 15 For
Herren, din Gud, som er midt imillom dykk, han er ein
streng Gud; han kunde harmast på dykk, so han rudde
dykk ut or verdi. 16 De må ikkje freista Herren, dykkar
Gud, soleis som de gjorde i Massa. 17 Trutt skal de
fylgja dei bodi og loverne og fyresegnerne som Herren,
din Gud, hev gjeve deg, 18 og gjera det som er godt
og rett i hans augo. Då skal det ganga deg vel; du
skal få eiga det gilde landet som Herren lova federne
dine, 19 og han skal driva ut alle fiendar for deg, soleis
som han hev sagt. 20 Når son din sidan spør deg:
«Korleis er det med desse loverne og fyresegnerne og
bodi som Herren, vår Gud, hev gjeve dykk?» 21 då
skal du segja med honom: «Me var trælar hjå Farao i
Egyptarland; men Herren førde oss med fast hand ut
or Egyptarlandet. 22 Og Herren let store og øgjelege
teikn og under henda i Egyptarland, med Farao og
heile folket hans, midt for augo våre. 23 Men oss førde
han burt; han vilde fylgja oss til det landet han hadde
lova federne våre, og gjeva oss det. 24 Då sette han
oss fyre å halda alle desse bodi, og ottast Herren, vår
Gud, so det skulde ganga oss vel alle dagar, og han
kunde lata oss liva, som han til dessa hev gjort. 25 Og
det skal reknast oss til rettferd at me held alle desse
bodi og liver etter deim for Herrens augo, soleis som
han hev sagt oss.»

**7** Sjå no fører Herren deg inn i det landet du etlar
deg til, og vil for di skuld driva ut store folkeslag:
hetitarne og girgasitarne og amoritarne og kananitarne
og perizitarne og hevitarne og jebusitarne, sju folk
som er større og sterkare enn du; 2 men når han hev
gjeve deim i di magt, og du hev vunne yver deim,
då skal du bannstøyta deim; du må ikkje gjera nokor
semja med deim, og ikkje gjeva deim grid; 3 du må
ikkje hava nokor hopegifting med deim; ikkje må du
gjeva døtterne dine til sønerne deira, og ikkje taka
døtterne deira til konor åt sønerne dine; 4 for dei kunde
få sønerne dine til å falla frå Herren og tena andre
gudar, og då kom Herren til å harmast på dykk, og
rydja dykk ut, og det fort. 5 Høyr no korleis de skal
fara med desse folki: Altari deira skal de riva ned, og
minnesteinarne skal de slå sund; dei heilage trei deira
skal de fella, og avgudsbilæti skal de brenna upp. 6
For du er eit heilagt folk, vigt åt Herren, din Gud; deg
valde han ut millom alle folkeslag på jordi, og vilde
du skulde vera hans eige folk. 7 Ikkje av di du var
større enn alle dei andre folki, tok Herren deg åt seg
og kåra deg ut; for du er det minste av alle folk. 8
Men han elska deg, og vilde halda det han hadde lova
federne dine; difor førde han deg burt med fast hand
og fria deg ut or slavehuset, or henderne på Farao,
egyptarkongen. 9 So må du då vita at Herren, din Gud,
han er den rette Gud, den trufaste Gud, som held det
han lovar. Mot deim som elskar honom og held bodi
hans, gjer han vel i tusunde leden, 10 og deim som
hatar honom, gjev han løni på loven, og let deim ganga
til grunnar; han held ikkje att løni for deim, men greider
henne midt upp i handi deira. 11 So kom då i hug dei
bodi og fyresegnerne og loverne som eg ber fram for
deg i dag, og liv etter deim! 12 Lyder du no etter desse
bodi, og kjem deim i hug, og held deim, so skal Herren,
din Gud, koma i hug den truskap og nåde han lova
federne dine; 13 han skal elska deg, og velsigna deg,
og auka ætti di; han skal velsigna både det du avlar og
det du el: kornet og druvesafti og oljen, det som fell
undan storfeet og det som kjem til i småfenadflokken,
på den jordi han lova federne dine å gjeva deg. 14
Velsigna skal du vera framum alle folkeslag. Hjå deg
skal det aldri finnast eit liv, korkje av folk eller fe, som
vantar avkjøme. 15 All sjukdom skal Herren halda
burte frå deg, og alle dei vonde sotterne du kjenner frå
Egyptarland, deim skal han ikkje leggja på deg, men
på dine fiendar skal han leggja deim. 16 Alle dei folki
Herren, din Gud, gjev deg magt yver, skal du tyna,
og ikkje kvida deg for å drepa deim. Og aldri må du
tena gudarne deira; for det vert ulukka di. 17 Men um
du tenkjer som so: «Desse folki er sterkare enn eg!
korleis kann eg driva deim ut?» 18 so ver ikkje rædd
deim for det! Kom i hug kva Herren, din Gud, gjorde
med Farao og alle egyptarane, 19 dei store plågorne
du såg for augo dine, og teikni og underi som hende
då Herren med fast hand og strak arm henta deg ut or
Egyptarlandet; det same skal Herren, din Gud, gjera
med alle dei folki du ræddast for. 20 Endå kvefsen skal
han senda imot dei, til alle dei er burte som var att og
hadde løynt seg for deg. 21 Du skal ikkje fæla deg
for deim; for Herren, din Gud, er med deg, ein stor
og ageleg Gud. 22 Smått um senn skal Herren driva
desse folki ut for deg; du skal ikkje få øyda deim ut
med ein gong; for då kom villdyri til å auka for mykje.
23 Herren, din Gud, skal gjeva deg magt yver deim;
han skal fjetra deim, so dei ikkje veit anten att eller
fram, og vert nedhogne. 24 Kongarne deira og skal
han gjeva i ditt vald, og du skal rydja ut namni deira or
verdi. Ingen skal kunna standa seg mot deg; du skal
øyda deim ut for ende. 25 Gudebilæti deira skal du
kasta på elden, og ikkje bry deg um sylvet og gullet på

deim, eller eigna det til deg; det vilde føra deg i ulukka;
for det er ein styggedom for Herren, din Gud, 26 og
slik styggedom skal du ikkje hava inn i huset ditt, so du
vert forbanna liksom det; du skal styggjast ved det og
sky det; for det er bannstøytt.

8 Alle dei bodi eg legg fyre dykk i dag, skal de bera
i hugen og liva etter deim; då skal de trivast og
aukast og koma til å eiga landet Herren hev lova
federne dykkar. 2 Kom i hug den lange leidi Herren,
din Gud, let deg fara i øydemarki i desse fyrti åri! Han
vilde gjera deg mjuk og røyna deg og sjå kva som
budde i hjarta ditt, um du vilde halda bodi hans eller
ikkje. 3 Difor let han deg svelta og lida vondt, og so
metta han deg atter med manna, som du ikkje kjende
til, og federne dine ikkje heller, so du skulde vita at
menneskja liver ikkje berre av brød, men at kvart ord
som kjem frå Guds munn, gjev menneskja liv. 4 Klædi
dine vart ikkje utslitne, og foten din trutna ikkje i desse
fyrti år. 5 So må du då skyna at Herren, din Gud, vilde
tukta og rettleida deg, liksom ein far når han tuktar upp
son sin. 6 Haldt då bodi åt Herren, din Gud! Gakk på
hans vegar, og hav age for honom! 7 For Herren, din
Gud, fører deg inn i eit godt land, eit land med bekkjer
og løkjer og kjeldor, som kjem fram i dal og på fjell,
8 eit land med kveite og bygg, med vintre og fiketre
og aplar, med oljetre og honning; 9 der tarv du ikkje
eta brødet ditt i armod; der skal du ingen ting vanta;
der er steinarne av jarn, og or fjelli kann du brjota ut
kopar. 10 Når du so nyt godt av alt dette, takka då
Herren, din Gud, for det gilde landet han gav deg! 11
Agta deg at du ikkje gløymer Herren, din Gud, og bodi
og fyresegnerne og loverne hans, som eg legg fyre
deg no! 12 Når du hev nøgdi av mat, og byggjer deg
væne hus til å bu i, 13 og buskapen din økslar seg,
både stort og smått, og sylv- og gullhaugen veks, og
all din eigedom aukar, 14 lat ikkje då ovmod få rom i
hjarta ditt, so du gløymer Herren, din Gud, han som
henta deg ut or Egyptarlandet, or slavehuset, 15 han
som førde deg gjenom den store, øgjelege øydemarki,
millom eiterormar og skorpionar og yver vatslaust
turrlende, han som let vatnet strøyma ut åt deg or
harde berget, 16 han som i øydemarki fødde deg med
manna, som federne dine aldri hadde høyrt gjete; og
alt dette gjorde han av di han vilde mykja deg og røyna
deg, og so sidan gjera vel imot deg. 17 Seg ikkje med
deg sjølv: «Det er mi eigi kraft og mi sterke hand som
hev vunne meg denne rikdomen.» 18 Kom i hug at
det var Herren, din Gud, som gav deg kraft til å vinna
rikdom, av di han vil halda det han lova federne dine,
soleis som han til dessa hev gjort. 19 Men gløymer du
Herren, og held deg til andre gudar, og tener deim,
og bøygjer kne for deim, so er det ute med dykk, det
segjer eg dykk for visst. 20 Liksom dei folki Herren no
gjer ende på for dykkar skuld, soleis skal de og ganga
til grunnar, for di de ikkje lyder Herren, dykkar Gud.

9 Høyr, Israel! No gjeng du yver Jordan, og skal leggja
under deg folkeslag som er større og sterkare enn
du, svære byar med murar som når radt til himmels, 2
eit stort kjempefolk, Anaks-sønerne, som du kjenner,
og som du hev høyrt det ordet um: «Kven kann standa
seg mot Anaks-sønerne?» 3 So kom då i hug at
Herren, din Gud, gjeng fyre deg som ein øydande eld;
han skal tyna deim, og han skal slå deim ned for deg,
so du snart fær drive deim burt og rudt deim ut, soleis
som Herren hev sagt deg. 4 Men når han støyter deim
ned framfyre deg, må du ikkje tenkja som so: «For di
eg er god og rettvis, hev Herren ført meg hit og gjeve
meg dette landet.» Nei, Herren driv desse folki ut for
di dei er gudlause. 5 Det er ikkje for di du er god og
rettvis, eller for di du er truverdug og ærleg, at du skal
koma dit og få landet deira, men for di dei er gudlause,
driv Herren deim ut, og av di han vil halda det ordet
han gav federne dine, Abraham og Isak og Jakob. 6
So skal du då vita at det ikkje er for di rettferd skuld
Herren, din Gud, gjev deg dette gilde landet til eiga;
for du er eit hardkyndt folk. 7 Kom i hug og gløym
ikkje korleis du arga upp Herren, din Gud, i øydemarki!
Alt ifrå den dagen de for frå Egyptarlandet og til de
kom hit, hev de sett dykk upp imot Herren. 8 Attmed
Horeb arga de og Herren, so han vart harm på dykk
og vilde rydja dykk ut. 9 Det var den gongen eg gjekk
upp på fjellet og skulde taka imot steintavlorne, deim
som Herrens pakt med dykk var skrivi på; då var eg på
fjellet i fyrti jamdøgar, og gjorde korkje åt eller drakk.
10 Og Herren gav meg dei tvo steintavlorne; dei hadde
han sjølv skrive på med fingeren sin, og der stod alle
dei ordi som han tala til dykk på fjellet, midt utor elden,
samkomedagen. 11 Då dei fyrti jamdøgri var lidne, gav
Herren meg dei tvo steintavlorne, sambandstavlorne,
12 og sagde til meg: «Skunda deg ned att; for folket
ditt, som du fylgde ut or Egyptarland, hev bore seg
stygt åt; det var'kje lenge fyrr dei tok utav den leidi eg
synte deim; dei hev støypt seg eit gudebilæte! 13 Eg
hev halde auga med dette folket, » sagde Herren, «og
set at det er eit hardkyndt folk. 14 Lat no meg råda,
so vil eg gjera ende på deim, og rydja namnet deira
ut or verdi, og so vil eg gjera deg til eit folk som er
større og sterkare enn dei.» 15 So snudde eg meg, og
gjekk ned av fjellet, og fjellet stod i ljos loge; og dei
tvo sambandstavlorne bar eg i henderne. 16 Då fekk
eg sjå at de hadde synda mot Herren, dykkar Gud,
og støypt dykk ein gullkalv; de hadde alt teke utav
den leidi Herren synte dykk. 17 So tok eg og kasta
båe tavlorne or henderne, og slo deim sund for augo

dykkar. 18 Og sidan låg eg på kne for Herren, liksom
fyrre gongen, i fyrti dagar og fyrti næter, og smaka
korkje mat eller drikka, for di de hadde ført so stor ei
synd yver dykk, og gjort det som Herren mislika, so
han vart harm; 19 for eg ottast Herren var vorten so vill
og vond på dykk at han vilde rydja dykk ut. Og Herren
høyrde bøni mi den gongen og. 20 Aron og var Herren
fælande harm på, og vilde tyna honom; og eg laut beda
for Aron og den gongen. 21 Men syndeverket dykkar,
kalven, tok eg og kasta på elden, og kruste honom, og
mulde honom sund, so han vart til dust, og dusti kasta
eg i bekken som renn ned frå fjellet. 22 I Tabera og
Massa og Kibrot-Hatta'ava harma de og Herren. 23 Og
då han vilde de skulde taka ut frå Kades-Barnea, og
sagde: «Far upp og tak det landet som eg hev gjeve
dykk!» då var de ulyduge mot Herren, dykkar Gud, og
leit ikkje på honom, og høyrde ikkje på det han sagde;
24 ulyduge mot Herren hev de vore so lenge eg hev
kjent dykk. 25 So låg eg då på kne for Herren alle
dei fyrti dagarne og næterne som de veit; for Herren
hadde sagt at han vilde tyna dykk. 26 Og eg bad til
Herren og sagde: «Herre, min Gud, gjer ikkje ende på
ditt eige folk, som du hev fria ut med di allmagt, og
leidt ut or Egyptarland med di sterke hand! 27 Kom i
hug tenarane dine, Abraham og Isak og Jakob, og tenk
ikkje på kor hardt og gudlaust og syndugt det er, dette
folket! 28 Elles kunne dei segja so som i det landet du
hev ført oss utor: «Herren var ikkje god til å fylgja deim
fram til det landet han hadde lova deim, og han hata
deim og; difor førde han deim ut i øydemarki, og let
deim døy der.» 29 Dei er då din eigen lyd, som du hev
leidt ut med di store magt og din sterke arm.»

**10** Då var det Herren sagde til meg: «Hogg til tvo
steintavlor like eins som dei fyrste, og gjer deg
ei trekista, og kom upp på fjellet til meg, 2 so skal
eg skriva dei same ordi på dei tavlorne som på dei
fyrste, dei du slo sund, og du skal leggja deim ned i
kista.» 3 Då gjorde eg ei kista av akazietre, og hogg
til tvo steintavlor like eins som dei fyrste, og gjekk
upp på fjellet med båe tavlorne i handi, 4 og Herren
skreiv på deim det same som han hadde skrive fyrre
gongen: dei ti bodordi som han hadde tala til dykk på
fjellet midt utor elden, samkomedagen, og han gav
deim til meg. 5 So snudde eg meg, og gjekk ned av
fjellet, og lagde tavlorne i den kista eg hadde gjort,
og der vart dei liggjande, soleis som Herren hadde
sagt. 6 Sidan tok Israels-sønerne ut frå Bene-Ja'akan-
brunnarne, og kom til Mosera; der døydde Aron, og
der vart han gravlagd, og Eleazar, son hans, vart prest
etter honom. 7 Derifrå for dei til Gudgoda, og frå
Gudgoda til Jotbata, eit land med mange bekkjer. 8 I
den tidi skilde Herren ut Levi-ætti so dei skulde bera
sambandskista åt Herren, og standa framfor Herrens
andlit og tena honom, og lysa velsigning i hans namn,
og so hev dei gjort til denne dag. 9 Difor fekk ikkje Levi
nokon arvlut tilliks med brørne sine; Herren skal vera
hans arv, soleis som han sjølv hev sagt med honom.
10 «So var eg då på fjellet i fyrti jamdøger, liksom fyrre
venda, og Herren høyrde bøni mi den gongen og; han
vilde ikkje tyna deg. 11 So sagde Herren til meg: «Tak i
vegen, og før folket lenger fram, so dei kann koma til
det landet eg hev lova federne deira å gjeva deim!»»
12 Og no, Israel, kva er det Herren, din Gud, krev av
deg, anna enn det at du skal ottast Herren, din Gud,
og allstødt ganga på hans vegar, og elska og tena
honom av heile ditt hjarta og heile din hug, 13 og halda
bodi og loverne hans, som eg ber fram for deg no,
so det kann ganga deg vel! 14 Sjå, himmelen og alle
himlar i himmelen, jordi og alt det som på henne er,
høyrer Herren, din Gud, til. 15 Men endå var det berre
federne dine han lagde hug til og elska, og sidan kåra
han ut dykk, ætti deira, framum alle andre folkeslag,
soleis som me ser det i dag. 16 So bøyg då den stride
hugen dykkar, og ver ikkje lenger so hardnakka! 17 For
Herren, dykkar Gud, han er Gud yver alle gudar og
Herre yver alle herrar, den store, velduge, agelege
Gud! Han gjer ikkje mannemun, og tek ikkje mutor;
18 han hjelper den farlause og enkja til retten sin, og
syter for dei framande so dei fær mat og klæde. 19
Difor skal de og vera gode med dei framande; de var
sjølve framande i Egyptarlandet. 20 Herren, din Gud,
skal du ottast; honom skal du tena, og honom skal du
halda deg til, og ved hans namn skal du sverja. 21
Han skal vera det gildaste du veit; han er din Gud som
for di skuld hev gjort alt dette store og agelege som du
hev set for augo dine. 22 Sytti i talet for federne dine
ned til Egyptarland, men no hev Herren, din Gud, auka
dykk so de er mange som stjernorne på himmelen.

**11** So elska då Herren, din Gud, og haldt det han
vil du skal halda, loverne og rettarne og bodi
hans, alle dagar. 2 Kom i hug at det er dykk eg
talar til no, og ikkje borni dykkar; for dei kjenner ikkje
til og hev ikkje set Herrens rettleiding og tukt, hans
store velde, hans sterke hand og strake arm, 3 dei
under og storverk han gjorde i Egyptarland med Farao,
egyptarkongen, og heile landet hans, 4 og det han
gjorde med egyptarheren, med hestarne og vognerne
deira, då han let Sevhavs-bylgjorne strøyma i hop yver
deim, medan dei sette etter dykk, og gjorde ende på
deim, so ingen hev set deim meir, 5 og det han gjorde
for dykk i øydemarki alt til de kom hit, 6 og det han
gjorde med Datan og Abiram, sønerne åt Eliab, son åt
Ruben, då jordi let upp gapet sitt midt i Israels-lægret,
og gløypte deim og huslydarne og buderne deira og

kvart liv som var med deim. 7 De sjølve er det som
med eigne augo hev set alle dei storverki Herren hev
gjort. 8 So haldt då alle dei bodi eg lærer dykk no,
so de kann verta sterke, og eigna til dykk det landet
de er på vegen til og skal leggja under dykk, 9 og so
de kann få liva lenge i det landet Herren lova federne
dykkar at han vilde gjeva deim og ætti deira, eit land
som fløymer med mjølk og honning. 10 For det landet
du er på vegen til og skal eigna til deg, er ikkje likt
Egyptarlandet, som du kjem ifrå. Det laut du vatna
som ein kålhage, kvar gong du hadde sått; 11 men det
landet du no fer yver til og skal taka i eige, det er eit
land med fjell og dalar: av himmelregnet drikk det seg
utyrst; 12 det er eit land som Herren ber umsut for;
allstødt vaktar augo hans på det, frå årsens fyrste dag
til den siste. 13 «Lyder du no dei bodi eg gjev dykk i
dag, » segjer Herren, «elskar og tener du Herren, din
Gud, av heile ditt hjarta og heile din hug, 14 so skal
gjeva landet ditt regn i rette tid, både haust og vår, og
du skal samla i hus korn og olje og vin, 15 og gras skal
eg lata veksa på marki for buskapen din, og du skal få
nøgdi av alt.» 16 Men agta deg at ditt hjarta ikkje vert
dåra, so du fell ifrå, og tener framande gudar, og legg
deg på kne for deim; 17 for då vert Herren din harm,
og stengjer himmelen att, so det ikkje kjem noko regn,
og jordi ikkje gjev grøda, og vonom snøggare kverv
du burt or det ovgilde landet som Herren gjev deg til
eiga. 18 So legg dykk då desse ordi mine på hjarta og
minne! Bind deim på handi til merke, og ber deim som
hovudband yver augo! 19 Lær deim til borni dine, og
tala um deim når du sit heime, og når du gjeng etter
vegen, og når du legg deg, og når du ris upp att. 20
Skriv deim på dørskierne i huset og på dine portar, 21
so du og borni dine kann festa bu i det landet som
Herren sjølv hev lova å gjeva federne dine, og liva der
likso lenge som soli skin yver jordi! 22 For agtar du vel
på alle dei bodi eg gjev deg, og liver etter deim, elskar
du Herren, din Gud, og allstødt gjeng på hans vegar
og held deg til honom, 23 so skal han driva alle desse
folki or landet; folk som er større og sterkare enn du er
sjølv, skal du jaga; 24 kvar flekken du set foten på, skal
høyra deg til; frå Øydemarki og Libanon, frå Eufratelvi
til Vesterhavet skal riket ditt nå. 25 Ingen skal kunna
standa seg imot deg; otte for deg og rædsla skal koma
yver kvart land du stig på med foten din, soleis som
Herren hev sagt deg. 26 Sjå i dag legg eg fram for deg
velsigning og våbøn: 27 velsigning, so sant du lyder
bodi åt Herren, din Gud, deim som eg kjem til deg med
no, 28 og våbøn, so framt du ikkje lyder bodi åt Herren,
din Gud, men tek utav den leidi eg segjer deg fyre, og
held deg til andre gudar, som du ikkje veit noko um.
29 Når då Herren fører deg inn i det landet du skal
taka i eige, so skal du lysa velsigningi på Garizim og
våbøni på Ebal; 30 det er dei fjelli du veit, som ligg
på hi sida Jordan, burtanfor vestervegen, i det landet
som kananitarne eig, dei som bur på Moarne midt
for Gilgal, tett innmed Spåmannseikerne. 31 For no
gjeng du yver Jordan, og skal taka imot det landet som
Herren, din Gud, gjev deg; når du so hev eigna det
til deg, og bur i det, 32 sjå då til at du held alle dei
loverne og bodi eg legg fyre deg i dag!

**12** Dette er dei loverne og bodi de skal halda dykk
etter i det landet som Herren, fedreguden dykkar,
hev gjeve dykk; lat deim aldri ganga dykk or minne
so lenge de liver på jordi: 2 Der som dei folki de tek
landet frå, hev dyrka gudarne sine, der skal de gjera
det audt, på dei høge fjell og på haugar og under
sigrøne tre. 3 De skal riva ned altari deira, og slå sund
minnesteinarne; dei heilage trei deira skal de brenna,
og hogga sund gudebilæti, og rydja ut namni deira der
dei hev vore. 4 Når de dyrkar Herren, dykkar Gud,
skal de ikkje fara åt som dei folki gjorde; 5 de skal
søkja til den staden som Herren, dykkar Gud, vel seg
til bustad i eit av fylki dykkar; dit skal du koma, 6 og dit
skal de føra brennofferi og slagtofferi dykkar, og tiendi
og reidorne dykkar, og gåvorne dykkar, både deim de
hev lova, og deim de gjev i godvilje, og frumsungarne
av storfeet og småfeet dykkar. 7 Og der skal de halda
måltid for Herrens åsyn, de og huslydarne dykkar, og
gleda dykk i alt det de hev vunne med arbeidet dykkar,
og som Herren, dykkar Gud, hev velsigna dykk med. 8
De må ikkje gjera so som me gjer her i dag - for no gjer
kvar det han sjølv held for rett - 9 av di de endå ikkje
er komne til den heimen og den odelseigni som Herren
vil gjeva dykk. 10 Men når de hev gjenge yver Jordan,
og sett dykk ned i det landet som Herren, dykkar Gud,
gjev dykk til odel og eiga, og han hev gjeve dykk ro
for alle fiendar rundt ikring, so de bur trygt, 11 då vil
han kåra seg ein bustad millom dykk, og dit skal det
koma med alt det eg segjer dykk fyre: brennofferi og
slagtofferi dykkar, tiendi og reidorne og alle dei valde
gåvorne som de hev lova Herren. 12 Og de skal gleda
dykk for Herrens åsyn, de og sønerne og døtterne
dykkar, og drengjerne og tenestgjentorne, og levitarne
som bur hjå dykk; for dei hev ikkje fenge nokon arvlut
tilliks med dykk. 13 Agta deg at du ikkje ber fram
brennofferi dine kvar du kjem på det. 14 På den staden
som Herren vel seg ut i eit av fylki dykkar, der skal du
ofra brennofferi dine, og der skal du gjera alt anna eg
segjer deg fyre. 15 Men elles kann de slagta, og eta
kjøt so mykje du hev hug til, i alle heimarne dykkar,
etter som Herren, dykkar Gud, gjev dykk råd til. Både
ureine og reine kann eta det, liksom det var gasella

eller hjort, 16 so nær som blodet; det må de ikkje eta;
de skal slå det ut på marki liksom vatn. 17 Tiendi av
kornet ditt og av vinen og oljen, og frumsungarne av
storfeet og småfeet ditt, og loveofferi som du hev vigt,
og gåvorne som du gjev i godvilje, og reidorne som du
ber fram, det må du ikkje eta heime i di eigi bygd. 18
For Herrens åsyn, på den staden han vel seg ut, skal
du eta det, du og son sin og dotter di, og drengen og
tenestgjenta, og leviten som bur innan portarne dine,
og du skal gleda deg for Herrens åsyn i alt det du hev
vunne med arbeidet ditt; 19 men agta deg at du aldri
gløymer leviten so lenge du liver i landet ditt! 20 Når
Herren, din Gud, aukar riket ditt, soleis som han hev
lova deg, og du tenkjer som so: «No vil eg eta kjøt, »
av di du hev hug på kjøt, so kann du eta kjøt so mykje
du vil. 21 Hev du lang veg til den staden som Herren,
din Gud, hev valt seg til bustad, so må du gjera som
eg hev sagt, og slagta noko av storfeet og småfeet
som Herren hev gjeve deg, og eta det i bygdi di, so
mykje som du hev hug til. 22 Men du må eta det liksom
det var gasella eller hjort; både ureine og reine kann
eta det. 23 Men kom i hug at du ikkje et blodet! For i
blodet er livet, og du må ikkje eta livet saman med
kjøtet. 24 Du må ikkje eta blodet; du skal slå det ut på
marki liksom vatn. 25 Et det ikkje, so skal det ganga
deg vel, og borni dine og, for di du gjer det som er rett
i Herrens augo. 26 Men vigslegåvorne som du vil gjeva
og loveofferi, skal du taka og føra til den staden som
Herren hev valt seg ut. 27 Brennofferi dine skal du ofra
på Herrens altar, både kjøtet og blodet; av slagtofferi
skal blodet hellast ut på altaret; men kjøtet kann du
eta. 28 Lyd då etter alle desse ordi som eg segjer deg
no, og ber deim i hugen, so det kann ganga deg og
borni dine vel i all æva, for di du gjer det som er godt
og rett i augo åt Herren, din Gud! 29 Når Herren, din
Gud, hev rudt ut for deg dei folki du no fer imot og vil
driva burt, og når du hev jaga deim ut og sett deg ned
i landet deira, 30 agta deg då at du ikkje vert dåra og
fylgjer i fotfaret deira, etter dei hev vorte utøydde for
augo dine! Du skal ikkje spyrja etter gudarne deira og
segja: «Korleis tente desse folki gudarne sine? Eg vil
gjera som dei.» 31 Far aldri åt som dei gjer, når du
dyrkar Herren, din Gud; for alt det som Herren mislikar,
og som er ein styggedom hans augo, det gjer dei for
gudarne sine; jamvel sønerne og døtterne sine brenner
dei til æra for desse gudarne sine. 32 Alt det eg segjer
dykk fyre, skal de gøyma i hjarta, og liva etter det; de
må ingen ting leggja attåt, og ingen ting taka ifrå.

**13** Når det stig fram ein profet millom dykk, eller ein
som hev draumsyner, og han spår dykk eit teikn
eller under, 2 og segjer: «Lat oss fylgja andre gudar» -
gudar som du ikkje kjenner - «og beda til deim!» so lyd
ikkje etter kva slik ein profet eller draumsjåar segjer,
um det so horver etter som han spådde; 3 for Herren
vil då røyna dykk og sjå um de elskar honom av heile
dykkar hjarta og heile dykkar hug. 4 Herren, dykkar
Gud, skal de fylgja, og honom skal de ottast; hans bod
skal de lyda, og hans ord skal de høyra; honom skal
de tena, og honom skal de halda dykk til. 5 Og denne
profeten eller draumsjåaren skal lata livet, for di han
talde dykk til å falla frå Herren, dykkar Gud, som førde
dykk ut or Egyptarlandet, og fria dykk ut or slavehuset,
og for di han vilde lokka deg burt frå den vegen som
Herren, din Gud, hev sagt du skal ganga. Soleis skal
de rydja det vonde ut or lyden. 6 Um bror din, son åt
di eigi mor, eller son din, eller dotter di, eller kona di,
som du held i fanget, eller venen din, som du hev so
kjær som ditt eige liv - um nokon av desse lokkar deg i
løynd, og vil få deg til å dyrka ein annan gud, som du
ikkje kjenner, og federne dine aldri hev kjent, 7 ein
av gudarne åt dei folki som bur rundt ikring dykk, tett
innmed eller langt undan, frå den eine enden av jordi
til hin, 8 so skal du ikkje fara etter honom, og ikkje
høyra på honom; du skal ikkje tykkja synd i honom, og
ikkje spara honom, og ikkje dylja brotet hans, 9 men
du skal drepa honom; sjølv skal du vera den fyrste
som lyfter handi mot honom, og sidan skal heile folket
gjera det same. 10 Du skal steina honom i hel, for di
han freista å lokka deg burt frå Herren, din Gud, som
førde deg utor Egyptarlandet, or slavehuset. 11 Og
heile Israel skal høyra det og ræddast, so det aldri
meir vert gjort so stygg ei synd millom dykk. 12 Høyrer
du gjete gudlause menner som hev stige fram millom
dykk, i nokon av dei byarne som Herren, din Gud, gjev
deg til å bu i, 13 og fenge folket i byen til å dyrka andre
gudar, som de ikkje kjenner, 14 so skal du lyda etter,
og spyrja deg vel fyre, og granska saki vel, og syner
det seg då å vera sant, er det visst og vitnefast at det
hev vore gjort slikt skjemdarverk hjå dykk, 15 so skal
du bannstøyta den byen og alt som i honom er, og
hogga ned både folk og fe. 16 Alt herfanget du tek
der, skal du samla i hop midt på torget, og brenna upp
både det og byen til eit heiloffer åt Herren, din Gud, og
sidan skal byen i all æva vera ein grushaug, og må
aldri byggjast upp att. 17 Du må ikkje halda att noko
av det som er bannstøytt; då skal Herren stagga sin
brennande vreide, og gjeva deg nåde, og hava deg
kjær, og auka ætti di, som han lova federne dine - 18
so sant du lyder Herren, din Gud, og held alle bodi
hans, deim som eg ber fram for deg i dag, og gjer det
som rett er i hans augo.

**14** De er Guds born; de må ikkje skjera dykk i
holdet, eller raka dykk snaude frami skallen av di
de syrgjer yver ein avliden. 2 For eit heilagt folk er

du, vigt åt Herren, din Gud; deg hev Herren valt til sitt
eigande folk framum alle andre folk på heile jordi. 3 Du
må ikkje eta noko som er ufyselegt. 4 Dette er dei
dyri de må eta: Uksen, sauen og geiti, 5 hjorten og
gasella og antilopen og steinbukken og dådyret og
villuksen og villgeiti. 6 Alle firføtte dyr som hev klauver,
og som jortar, deim kann de eta. 7 Det er berre desse
de ikkje må eta av deim som jortar og av deim som
hev klauver: Kamelen og haren og bergtassen, for dei
jortar, men hev ikkje klauver; dei skal vera ureine for
dykk - 8 og svinet, for det hev klauver, men jortar ikkje;
det skal vera ureint for dykk. Kjøtet av dei dyri må
de ikkje eta, og er dei daude, so må de ikkje koma
nær deim. 9 Høyr so kva de må eta av det som er i
vatnet: Alt som hev uggar og reist, kann de eta. 10
Men det som ikkje hev uggar og reist, må de ikkje eta;
det skal vera ureint for dykk. 11 Alle reine fuglar kann
de eta. 12 Det er berre desse fuglane de ikkje må
eta: Ørnen og gribben og sjøørnen 13 og glenta og
heile falkeætti 14 og alle fuglar av ramneætti 15 og
strussen og gauken og måsen og alle haukeslagi, 16
kattula og stunulven og kveldknarren 17 og hegren og
etslegribben og kavfuglen 18 og storken og heidloi
og alle andre fuglar av same ætti, og herfuglen og
skinnvengja. 19 Alt flugjande krek skal vera ureint for
dykk; de må ikkje eta det. 20 Men alt fljugande som er
reint, kann de eta. 21 De må ikkje eta noko som er
sjølvdaudt! Du kann gjeva det til dei framande som
bur millom dykk, so dei kann eta det, eller og kann
du selja det til utlendingar; for du er eit heilagt folk,
vigt til Herren, din Gud. Du skal ikkje sjoda eit kid i
mjølki åt mor si. 22 Tiendi av avlingi di, av alt det som
veks på marki år etter år, skal du taka med deg 23 til
den staden som Herren, din Gud, vel seg til bustad;
der skal du halda måltid for hans åsyn, og eta tiendi
av kornet ditt og av vinen og oljen, og frumsungarne
av storfeet og småfeet ditt, so du kann læra å ottast
Herren, din Gud, alle dagar. 24 Men er vegen for lang
for deg, er den staden som Herren, din Gud, hev valt
seg til bustad for langt burte, og hev Herren velsigna
deg med so rik ei grøda at du ikkje kann føra tiendi
dit, 25 so skal du gjera det i pengar, og pengarne
skal du knyta inn i eit plagg og taka med deg til den
staden som Herren, din Gud, hev valt seg ut. 26 For
dei pengarne skal du då kjøpa alt det du hev hug til,
uksar og sauer og vin og sterke drykkjer, alt det som
hugen din trår etter, og so skal du halda måltid der for
Herrens åsyn, og gleda deg, du og huslyden din. 27
Og leviten som bur hjå deg, må du ikkje gløyma; for
han hev ikkje fenge nokon arvlut liksom du. 28 Tridje
kvart år skal du taka undan heile tiendi av det du hev
avla det året, og leggja det upp i byarne dine. 29 So
skal levitarne koma; for dei hev ingen arvlut liksom
du; og dei framande og farlause og enkjorne som bur
innan portarne dykkar, skal koma, og få det dei treng.
Då skal Herren, din Gud, velsigna deg i alt det du gjer
og tek deg fyre.

**15** Sjuande kvart år skal vera eit ettergjevingsår;
2 med dette hev det seg so: Den som hev eit
lån til gode hjå grannen sin, skal gjeva det etter; han
skal ikkje krevja ein granne eller landsmann når dei
hev lyst ettergjeving i Herrens namn. 3 Dei framande
kann du krevja, men det du hev hjå landsmannen
din, skal du gjeva etter. 4 Med retten skulde det no
ikkje finnast fatige hjå deg; for Herren, din Gud, vil
velsigna deg i det landet han gjev deg til odel og eiga,
5 so sant du berre lyder honom og held desse bodi,
som eg ber fram for deg no. 6 Ja Herren, din Gud,
vil velsigna deg, som han hev lova, og du skal låna
til mange folk, men sjølv skal du ikkje trenga noko
lån, og du skal råda yver mange folk, men dei skal
ikkje råda yver deg. 7 Finst det nokon fatig millom
landsmennerne dine, i dei byarne som Herren, din
Gud, vil gjeva deg, so ver ikkje hardhjarta, og lat ikkje
att handi for den fatige bror din, 8 men opna handi di
for honom, og lån honom det han vantar og treng! 9
Agta deg att det ikkje kjem upp noko vondt i hjarta
ditt, når du tenkjer på at det lid nær innåt det sjuande
året, ettergjevingsåret, so du ser med ublide augo på
den fatige bror din, og ikkje gjev honom noko; for då
kjem han til å klaga deg for Herren, og du fær synd på
deg. 10 Gjev honom med godhug og tregelaust; det
er for den skuld Herren, din Gud, velsignar deg i alt
du gjer og tek deg fyre. 11 Fatige kjem det stødt til å
finnast i landet; difor segjer eg deg: Opne handi di for
bror din, for dei arme og fatige i landet ditt! 12 Når ein
landsmann - ein hebræar, kar eller kvinna - hev selt til
deg, so skal han tena hjå deg seks år; i det sjuande
året skal du gjeva honom fri, so han kann fara kvar han
vil. 13 Og når du gjev honom fri, skal du ikkje senda
honom frå deg tomhendt. 14 Du skal reida honom ut
vel, både med småfe og med korn og vin; i same mun
som Herren, din Gud, hev velsigna deg, skal du gjeva
honom. 15 Kom i hug at du sjølv var træl i Egyptarland,
og at Herren, din Gud, fria deg ut; difor gjev eg deg i
dag dette bodet. 16 Men segjer tenaren at han ikkje vil
skiljast ifrå deg, av di han hev det godt hjå deg og
held av deg og folket ditt, 17 so skal du taka ein syl
og stinga gjenom øyra hans og inn i hurdi, og sidan
skal han tena deg all si tid. Sameleis skal du gjera
med tenestgjenta di. 18 Du skal ikkje trega på at du lyt
sleppa deim frå deg; for han hev arbeidt for deg i seks
år, og leigefolk hadde kosta deg tvo gonger so mykje.
Kom i hug dette, so skal Herren, din Gud, velsigna deg

i alt du gjer! 19 Alle frumborne handyr i buskapen din
skal du vigja til Herren din Gud. Frumborne uksar må
du ikkje hava til arbeids, og frumborne sauer må du
ikkje klyppa. 20 For Herrens åsyn skal du eta deim,
år etter år, du og huslyden din, på den staden som
Herren hev valt seg ut. 21 Er det nokon lyte på deim,
er dei halte eller blinde eller hev noko anna leidt lyte,
då skal du ikkje ofra deim til Herren, din Gud; 22 men
heime hjå dykk sjølve kann de eta deim anten det er
reine og ureine, liksom det var gasella eller hjort, 23 so
nær som blodet; det må de ikkje eta; du skal slå det ut
på marki som vatn.

**16** Kom i hug aksmånaden! Då skal du halda
påskehelg for Herren, din Gud; for i aksmånaden
førde Herren deg ut or Egyptarland, nattarstider. 2
Og du skal slagta påskeoffer åt Herren, din Gud,
storfe og småfe, på den staden som Herren hev valt
seg til bustad. 3 Du skal ikkje eta syrt brød attåt
offerkjøtet! I sju dagar skal du eta usyrt brød attåt
det, naudhjelpsbrød, av di du laut skunda det ut or
Egyptarlandet. Soleis skal du heile ditt liv minnast den
dagen då du for burt frå Egyptarlandet. 4 Desse sju
dagarne må det ikkje finnast surdeig i ditt eige, so
langt som du råder, og av det du hev slagta fyrste
dagen um kvelden, må ingen ting liggja natti yver, til
morgons. 5 Du må ikkje slagta påskeofferet heime, i
nokon av dei byarne som Herren, din Gud, gjev deg, 6
men berre på den staden som Herren, din Gud, hev
valt seg til bustad; der skal du slagta påskelambet,
um kvelden, solegladsbil, på same tid som då du for
frå Egyptarland. 7 So skal du laga det til, og eta det
på den staden som Herren, din Gud, hev valt seg ut;
og um morgonen kann du venda heim att til buderne
dine. 8 Seks dagar skal du eta usyrt brød; og den
sjuande dagen skal du halda ei stor samlingshøgtid for
Herren, din Gud; då må du ikkje gjera noko arbeid. 9
So skal du rekna sju vikor: frå sigden tek til å sveiga i
kornet, skal du telja sju vikor fram, 10 og når dei er
lidne, skal du halda sjuvikehelg for Herren, din Gud.
Då skal du bera fram so mykje som du hev hjarta
til, i same mun som Herren, din Gud, hev velsigna
deg. 11 Og du skal gleda deg for Herrens åsyn, på
den staden han hev valt seg til bustad, både du og
son din og dotter di, og drengen og tenestgjenta, og
leviten som bur innan portarne dine, og dei framande
og farlause og enkjorne de hev hjå dykk. 12 De skal
koma i hug at i Egyptarland var de trælar, og gøyma
desse bodi i hjarta, og liva etter deim. 13 Når du hev
samla inn det som kjem frå låven din og frå vinpersa,
då skal du halda lauvhyttehelgi i sju dagar. 14 Og du
skal gleda deg so lenge denne høgtidi varer, både
du og sønerne og døtterne dine, og drengjerne og
gjentorne, og levitarne og dei framande og farlause og
enkjorne som bur innan portarne dine. 15 Sju dagar
skal du halda pilegrimshelg for Herren, din Gud, på
den staden han hev valt seg ut; for Herren, din Gud, vil
velsigna deg i alt du avlar og alt du tek det fyre, og du
skal vera berre glad. 16 Tri vendor um året skal alle
karmennerne dykkar møta fram for Herren, din Gud,
på den staden han hev valt seg ut: i søtebrødhelgi,
og i sjuvikehelgi, og i lauvhyttehelgi. Men tomhendt
må ingen syna seg for Herrens åsyn; 17 kvar skal
koma med den gåva han kann, etter som Herren, hans
Gud, hev gjeve honom råd til. 18 I alle dei byarne som
Herren, din Gud, gjev deg, skal du setja inn domarar
og lagrettemenner, i kvar sine fylke; dei skal døma
folket etter lov og rett. 19 Du skal ikkje rengja retten,
og ikkje gjera mannemun, og ikkje taka mutor; for
mutorne synkverver vismenner, og spiller ei rettvis sak.
20 Berre det som rett er, skal du stræva etter, so du
kann få liva, og eiga det landet som Herren, din Gud,
vil gjeva deg. 21 Du skal ikkje setja noko tre som er
vigt til Asjera attmed altaret som du byggjer åt Herren,
din Gud. 22 Og du skal ikkje reisa nokon minnestein
som Herren, din Gud, mislikar.

**17** Du skal ikkje ofra til Herren, din Gud, ein ukse
eller sau som hev noko lyte eller mein; for det
er ein styggedom for Herren, din Gud. 2 Finst det i
nokon av dei byarne som Herren, din Gud, gjev deg,
ein mann eller ei kvinna av lyden som gjer det Herren
mislikar, og bryt sambandet med honom, 3 og, tvert
imot det eg hev sagt, gjeng av og tener andre gudar,
og bøygjer kne for deim, eller for soli eller månen
eller heile himmelheren, 4 og dette vert sagt deg,
so skal du høyra deg fyre, og granska saki vel, og
syner det seg då å vera sant, er det visst og vitnefast
at slikt skjemdarverk er gjort i Israel, 5 då skal den
mannen eller kvinna som hev gjort det brotet, førast ut
til tingstaden, og steinast i hel, anten det er mann eller
kvinna. 6 Etter vitnemål frå tvo eller tri mann lyt den
vera dømd som skal lata livet; ingen skal ikkje missa
livet etter ein manns vitnemål. 7 Vitni skal fyrst lyfta
handi til å drepa honom, og sidan heile folket. Soleis
skal du rydja det vonde ut or lyden. 8 Er ei sak for
vand for deg å døma i, anten det er ei dråpssak, eller
ei eigedomstrætta, eller eit søksmål for helseskade,
eller kva det elles er for saker som kann koma upp
i by eller bygd, so skal du gjera deg reidug, og fara
upptil den staden som Herren, din Gud, hev valt seg
ut. 9 Der skal du ganga til Levi-prestarne og til den
domaren som då er, og spyrja deg fyre, og dei skal
segja deg korleis domen retteleg skal vera. 10 Og du
skal fylgja den fyresegni dei gjev deg frå den staden
som Herren hev valt seg ut; du skal i alle måtar gjera

soleis som dei hev lært deg. 11 Den lovbodi dei lærer
deg og den domen dei segjer deg, skal du halda deg
etter, og ikkje gjera noko avbrøyte i det dei segjer deg
fyre. 12 Men den mannen som er so vyrdlaus at han
ikkje vil høyra på presten, som stend der i Herrens
tenesta, eller på domaren, han skal døy. Soleis skal du
rydja det vonde ut or Israel. 13 Og heile folket skal
høyre det, og ottast, so dei ikkje fer so vyrdlaust åt
meir. 14 Når du er komen inn i det landet som Herren,
din Gud, vil gjeva deg, og hev lagt det under deg,
og fest bu der, og du då kjem på at du vil få deg ein
konge, liksom alle folki rundt ikring deg, 15 so skal du
taka til konge den som Herren, din Gud, kårar ut. Ein
av dine eigne landsmenner skal du taka til konge; du
må ikkje taka ein framand, ein som ikkje høyrer til ditt
eige folk. 16 Men han skal ikkje halda mange hestar,
og ikkje senda folket attende til Egyptarland, so han
kann få seg mange hestar; for Herren hev sagt dykk:
«Den vegen skal de ikkje fara meir!» 17 Og han skal
ikkje taka seg mange konor, so hugen hans kjem på
avveg. Ikkje heller skal han draga i hop mykje sylv
og gull. 18 Når han hev stige upp på kongsstolen,
skal han få denne lovi hjå Levi-prestarne og skrive
henne av åt seg i ei bok; 19 og den skal han hava hjå
seg og lesa i alle sine livedagar, so han kann læra å
ottast Herren, sin Gud, og bera alle desse lovbodi og
fyresegnerne i hugen og liva etter deim, 20 og so han
ikkje skal ovmoda seg yver brørne sine og koma burt
ifrå lovi; då skal han liva lenge i riket sitt i Israel, både
han og borni hans.

**18** Ingen av Levi-prestarne, ingen av deim som
høyrer til Levi-ætti, skal få nokon arvlut liksom
dei andre Israels-sønerne. Dei skal liva av Herrens
offerrettar og alt anna som høyrer honom til, 2 og ikkje
få nokon arv tilliks med brørne sine; Herren skal vera
arven deira, soleis som han hev sagt deim. 3 Høyr no
kva prestarne hev rett til å krevja av folket: Dei som
ofrar slagtoffer, anten det er ukse eller sau, skal gjeva
presten den eine bogen og båe kjakarne og vinstri. 4
Det fyrste av kornet du avlar og av vinen og oljen, og
den fyrste ulli av sauerne skal du gjeva honom. 5 For
honom og sønerne hans hev Herren, din Gud, valt seg
ut millom alle ætterne dine, so dei skal standa framfor
Herren og gjera tenesta i hans namn alle dagar. 6
Når ein levit som held til i nokon av byarne i Israel,
kjem til den staden som Herren hev valt seg ut, so
skal han vera velkomen: 7 Han kann gjera tenesta
i Herrens namn, liksom dei andre levitarne, brørne
hans, som stend der framfor Herrens åsyn, 8 og han
skal få sin lut av offergåvorne tilliks med deim, umfram
dei pengarne han fær når han sel det han hev rett til
etter federne sine. 9 Når du kjem til det landet som
Herren, din Gud, gjev deg, so skal du ikkje taka etter
dei folki som bur der, og fara med slik styggedom som
dei fer med. 10 Hjå deg må ingen finnast som vigjer
barnet sitt i elden, ingen spåmann eller viskall, ingen
som fer med å leggja ut teikn, ingen trollmann 11 eller
åndemanar, ingen som spør daudingar og hamar, eller
søkjer råd hjå dei avlidne. 12 For dei som gjer sovore,
er avstyggjelege i Herrens augo, og for slik styggedom
skuld er det Herren driv deim ut for dykk. 13 Trufast og
ærleg skal du vera mot Herren, din Gud. 14 For desse
folki som du skal driva ut, dei lyder etter runekallar og
spåmenner, men deg hev Herren, din Gud, forbode
alt slikt. 15 Ein profet som eg, av ditt eige folk, skal
Herren reisa upp millom dykk; honom skal de lyda. 16
Herren skal gjera det som du bad honom um attmed
Horeb, samkomedagen, då du sagde: «Eg torer ikkje
høyra på Herrens røyst lenger, og denne store elden
toler eg ikkje å sjå på meir; for då lyt eg døy.» 17 Då
sagde Herren til meg: «Det er rett det dei segjer. 18
Ein profet vil eg reisa upp for deim av deira eige folk,
ein som du, og leggja ordi mine i munnen hans, og
han skal tala til deim alt det eg segjer honom fyre.
19 Og den som ikkje høyrer på ordi mine, deim som
han talar i mitt namn, han skal få svara for det. 20
Men vågar ein profet å tala noko i mitt namn, og eg
ikkje hev sett honom til det, eller talar han i namnet åt
andre gudar, so skal han døy.» 21 Og um du tenkjer
med deg: «Korleis kann me vita um eit ord kjem frå
Herren eller ikkje?» 22 so høyr her: Når ein profet
talar i Herrens namn, og det han hev sagt ikkje hender
og ikkje gjeng fram, so hev det ordet ikkje kome frå
Herren; då er det noko profeten hev våga seg til å tala
på eigi hand, og du tarv ikkje vera rædd honom.

**19** Når Herren, din Gud, hev rudt ut alle folk i det
landet han gjev deg, og du hev eigna det til deg,
og bur i byarne og husi deira, 2 so skal du skifta heile
det riket Herren, din Gud, hev gjeve deg, i tri luter,
og so skal du skilja ut tri byar i landet, 3 og halda
vegen dit godt i stand, so dei fredlause kann få røma
dit. 4 Det er den som uviljande hev drepe nokon, og
ikkje bar hat til honom frå fyrr, som skal få røma dit,
og då vera trygg for livet sitt - 5 som når ein gjeng
med grannen sin ut i skogen og skal hogga timber,
og han svingar øksi og vil fella eit tre, men øksi fer
av skaftet og råkar grannen so han døyr, då kann
han røma til ein av desse byarne og vera trygg for
livet. 6 For blodhemnaren kunde i sin heite harm setja
etter dråpsmannen, og var vegen lang, kunde han
nå honom att og slå honom i hel, endå han ikkje var
skuldig til å døy, sidan han ikkje hadde bore hat til den
han drap. 7 Difor er det eg segjer med deg at du skal
skilja ut tri byar. 8 Og når Herren, din Gud, aukar riket

ditt, som han lova federne dine, og gjev deg heile det
landet han tala um å gjeva deim - 9 so framt du då
agtar vel på alle desse bodi og liver etter deim, soleis
som eg segjer med deg i dag, so du elskar Herren, din
Gud, og alle dagar gjeng på hans vegar - då skal du
leggja endå tri byar attåt desse tri; 10 for det må ikkje
renna uskuldigt blod i det landet Herren, din Gud, gjev
deg til odel og eiga, so du fær blodskuld yver deg. 11
Men når ein hev lagt hat til grannen sin, og lurer seg
innpå honom, og slær honom til ulivs, og so rømer
til ein av desse byarne, 12 då skal styresmennerne
i heimbygdi hans senda folk, og henta honom heim
att, og gjeva honom i henderne på blodhemnaren,
og han skal lata livet. 13 Du skal ikkje spara honom,
men reinsa Israel for blodskuldi, so sant du vil det skal
ganga deg vel. 14 Du skal ikkje flytja merkesteinarne
millom deg og grannen din, deim som dei gamle hev
sett kring garden du fær til odel og eiga i det landet
Herren, din Gud, vil gjeva dykk. 15 Eitt vitne er ikkje
nok til å fella ein mann som er skulda for eit brot eller
ei misgjerning, kva det so er for ei misgjerning han
kann hava gjort. Tvo eller tri manns vitnemål skal det til
fyrr det kann dømast i ei sak. 16 Når det kjem fram eit
vondkynt vitne og skuldar ein mann for lovbrot, 17 so
skal båe tvo møtast for Herrens åsyn, for dei prestarne
og domarane som då er; 18 og domarane skal granska
saki vel. Syner det seg då at vitnet er ein ljugar og
hev vitna rangt mot den andre, 19 so skal de gjera det
same med honom som han hadde tenkt å gjera med
hin. Soleis skal de rydja ut det vonde ut or lyden. 20
Og dei andre skal høyra det og ræddast, so det aldri
meir vert gjort slik ei ugjerning millom dykk. 21 Du skal
ingen spara, men krevja liv for liv, auga for auga, tonn
for tonn, hand for hand, fot for fot.

**20** Når du fer ut i strid mot fienden, og ser hestar og
vogner og fleire herfolk enn du hev sjølv, so ver
ikkje rædd deim! Herren, din Gud, er med deg, han
som førde deg ut or Egyptarlandet. 2 Når de bur dykk
til strid, skal presten stiga fram og tala til folket 3 og
segja til deim: «Høyr, Israel, i dag bur de dykk til strid
mot fienden! Tap ikkje modet! Ver ikkje rædde eller
hugfalne eller forstøkte! 4 For Herren, dykkar Gud,
gjeng med dykk, og vil strida for dykk mot fienden og
hjelpa dykk.» 5 So skal formennerne tala til folket og
segja: «Er her nokon som hev bygt seg nytt hus, men
endå ikkje vigsla det, då kann han fara heim att, so
han ikkje skal falla i striden og ein annan vigsla huset.
6 Og er her nokon som hev stelt seg til ein vinhage,
men endå ikkje havt noko gagn av honom, då kann
han fara heim att, so han ikkje skal falla i striden og ein
annan hausta hagen. 7 Og er her nokon som hev fest
seg ei brur, men endå ikkje halde brudlaup, då kann
han fara heim att, so han ikkje skal falla i striden og
ein annan få bruri.» 8 Dette skal og formennerne segja
til folket: «Er her nokon som er rædd og hugfallen,
då kann han fara heim att, so ikkje brørne hans skal
missa modet liksom han.» 9 Og når formennerne er
ferdige med det dei hev å segja til folket, skal de setja
hovdingar yver heren. 10 Når du gjeng fram mot ein
by og vil taka honom, skal du fyrst bjoda fred. 11 Tek
dei då imot tilbodet, og opnar portarne for deg, so
skal alt folket i byen vera dine tenarar og arbeida for
deg. 12 Vil dei ikkje gjera fred, men vil stridast med
deg, so skal du kringsetja byen; 13 og når Herren, din
Gud, gjev honom i dine hender, skal du hogga ned alle
karmenner; 14 men kvinnor og born og bufe og alt
anna som finst i byen, alt herfanget, kann du eigna til
deg; du kann nøyta herfanget du tek frå fiendarne, og
som Herren, din Gud, hev gjeve deg. 15 Soleis skal
du gjera med alle byar som ligg langt burte, og ikkje
høyrer desse folki til. 16 Men i dei byarne som høyrer
desse folki til, og som Herren, din Gud, gjev deg til
odel og eiga, der skal du ikkje spara eit einaste liv.
17 Du skal bannstøyta deim og rydja deim ut, både
hetitarne og amoritarne og kananitarne og perizitarne
og hevitarne og jebusitarne, soleis som Herren, din
Gud, hev sagt deg; 18 elles kunde dei læra dykk å
gjera alt det stygge dei sjølve gjer til æra for gudarne
sine, og då vilde de synda mot Herren, dykkar Gud. 19
Når du hev kringsett ein by og lyt liggja der lenge fyrr
du fær teke honom, so skal du ikkje skamføra trei som
veks der, og setja øks i deim. Du kann eta av deim,
men du skal ikkje skadehogga deim. Trei på marki er
då ikkje folk, so du tarv stridast med deim? 20 Men dei
trei som du veit ikkje ber etande frukt, deim kann du
øyda og hogga ned, og byggja kringsetjingsverk mot
byen du ligg i strid med, til han lyt gjeva seg.

**21** Finn de ein mann som ligg drepen på marki
i det landet Herren, dykkar Gud, gjev dykk til
eigedom, og ingen veit kven hev slege honom i hel, 2
so skal styresmennerne og domarane dykkar ganga
ut og mæla kor langt det er frå liket til dei byarne
som ligg der ikring; 3 og styresmennerne i den byen
som er næmast liket, skal taka ei kviga som aldri hev
vore bruka til arbeids og aldri havt sele på seg, 4 og
leida henne ned i ein bekkjedal som korkje vert pløgd
eller sådd, og i den dalen skal dei brjota halsen på
kviga. 5 So skal prestarne koma, Levi-sønerne; for
deim hev Herren, din Gud, kåra til å tena seg og til
å velsigna i Herrens namn; og etter deira ord skal
kvar trætta jamnast og kvar skade bøtast. 6 Og alle
styresmennerne i byen, dei som bur næmast der liket
vart funne, skal två henderne sine uppyver kviga som
dei hev brote halsen på i dalen, 7 og so skal dei taka

soleis til ords: «Våre hender hev ikkje rent ut dette
blodet, og våre augo hev ikkje set kven som gjorde
det. 8 Herre, tak burt skuldi frå Israel, folket ditt, som
du hev løyst ut, og lat ikkje Israel, ditt eige folk, lida
for dråpet på ein skuldlaus mann!» Då får dei soning
for blodskuldi. 9 Soleis reinsar du deg for blodskuld,
og gjer det som er rett i Herrens augo. 10 Når du
tek ut i strid mot fienden, og Herren, din Gud, gjev
honom i dine hender, so du tek fangar, 11 og du millom
fangarne fær sjå ei fager kvinna, som du legg hug til
og vil hava til kona, 12 då skal du leida henne inn i
huset ditt; ho skal klyppa håret og skjera neglerne
13 og leggja av seg dei klædi ho gjekk med då ho
vart teki, og so skal ho vera i huset ditt og syrgja yver
far sin og mor si ein heil månad; sidan kann du taka
henne til deg og gifta deg med henne, og ho skal
vera kona di. 14 Men vert det til det at du ikkje likar
henne lenger, so skal du gjeva henne fri, so ho kann
fara kvar ho vil; selja henne skal du ikkje og ikkje fara
vanvyrdeleg med henne, sidan du hev livt i hop med
henne. 15 Når ein mann hev tvo konor, ei som han
elskar og ei som han ikkje bryr seg um, og dei fær
kvar sin son, men son åt den han ikkje held av er den
eldste, 16 og han so, når den tid kjem, vil skifta det han
eig millom sønerne sine, då må han ikkje lata sonen åt
den kona han elskar verta odelsmannen, til meins for
den sonen som er eldst. 17 Han skal kanna den eldste
for odelsboren, endå han er son til den kona han ikkje
likar, og gjeva honom dobbel lut av alt som finst i hans
eige; for han er blomen av manndomen hans, han er
det som eig odelsretten. 18 Hev nokon ein son som er
stridig og tråssug, og ikkje vil lyda foreldri sine, og ikkje
høyra på deim når dei tel for honom, 19 so skal foreldri
taka honom med seg på tinget, til styresmennerne
der i byen, 20 og segja til deim: «Denne sonen vår
er stridig og tråssug, og vil ikkje lyda oss; han er ein
øydar og ein drikkar.» 21 Då skal alle mennerne i byen
steina honom i hel. Soleis skal du rydja det vonde
ut or lyden. Og det skal spyrjast yver heile Israel, so
alle vert ottefulle. 22 Hev nokon gjort eit brot som det
er sett livsstraff for, og han so hev vorte avretta og
hengd upp på eit tre, 23 so må ikkje liket hans verta
hangande på treet natti yver, men du skal jorda honom
same dagen; for Guds forbanning ligg på den som er
upphengd, og du skal ikkje gjera landet ditt ureint, det
som Herren, din Gud, hev gjeve deg til odel og eiga.

**22** Ser du ein framand ukse eller sau som hev kome
på vidåtta, so skal du ikkje slengje deg undan;
du skal hava deim attende til den som eig deim; 2 men
bur ikkje han tett attmed deg, eller veit du ikkje kven
det er, so skal du taka deim heim til deg sjølv, og hava
deim der, til eigaren kjem og spør etter deim, so du
kann få gjeve honom deim att. 3 Det same skal du
gjera når du finn eit asen eller eit klædeplagg, eller
kva det elles kann vera, som ein annan hev mist, eller
som hev kome burt for honom; du må ikkje slengja
deg undan. 4 Ser du annan manns asen eller ukse
liggjande i ålvelta på vegen, so må du ikkje slengja
deg undan, men hjelpa mannen å reisa deim upp att.
5 Eit kvende må ikkje ganga i karmannsbunad, og ein
kar må ikkje klæda seg i kvendeklæde; for dei som det
gjer, er avstyggjelege for Herren, din Gud. 6 Når du fer
etter ein veg, og fær sjå eit fuglereir med ungar eller
egg i eit tre eller på marki, og mori ligg på reiret, so
skal du ikkje taka både mori og ungarne; 7 du skal lata
mori fljuga, men ungarne kann du taka. Då skal du få
liva både vel og lenge. 8 Når du byggjer deg nytt hus,
skal du setja eit handriv kring taket; elles kunde einkvar
detta ned, og då kom du til å føra blodskuld yver huset
ditt. 9 Du skal ikkje så noko i vinhagen din; gjer du det,
so fell heile avlingi under heilagdomen, både av det du
hev sått, og av vintrei. 10 Du skal ikkje setja ein ukse
og eit asen i hop for plogen 11 Du skal ikkje ganga med
klæde som er gjorde av tvo slag vyrke, ull og lin i hop.
12 Du skal gjera deg duskar i alle fire snipparne på
kjolen du gjeng med. 13 Når ein mann tek seg ei kona,
men fær uhug til henne etter dei hev kome i hop, 14 og
so kjem med skuldingar mot kona, og set ut eit stygt
ord um henne, og segjer: «Eg gifte meg med denne
kvinna, men då me kom i hop, skyna eg at ho hadde
mist møydomen, » 15 so skal foreldri åt den unge kona
taka møydomsmerki hennar, og fara til tings, 16 og
faren skal segja so til styresmennerne: «Eg let denne
mannen få dotter mi, men no hev han fenge uhug til
henne, 17 og so kjem han med skuldingar mot henne,
og segjer: «Eg fann ikkje møydom hjå dotter di; » men
sjå her er møydomsmerki hennar.» Dermed skal dei
breida ut brurelakanet for augo åt styresmennerne. 18
Og styresmennerne skal taka mannen og gjeva honom
hogg, 19 og leggja honom ei bot på hundrad sylvdalar;
deim skal dei gjeva til far åt den unge kona. Det skal
den mannen hava for di han sette ut eit stygt ord um ei
møy i Israel; og ho skal vera kona hans som ho hev
vore; han skal aldri hava lov til å skilja seg med henne.
20 Men er skuldingi sann, hadde ikkje ho møydomen
sin, 21 so skal dei føra henne burt til døri til farshuset
hennar, og mennerne der i byen skal steina henne i
hel, for di ho hev gjort eit skjemdarverk og fare åt som
ei skjøkja i huset åt far sin. Soleis skal du rydja det
vonde ut or lyden. 22 Kjem de yver ein mann som ligg
hjå ei gift kona, so skal dei døy båe tvo, både mannen
og kona han låg hjå; soleis skal du rydja det vonde ut
or Israel. 23 Er ei ungmøy trulova med ein mann, og
ein annan mann råkar henne i byen, og ligg hjå henne,

24 so skal de stemna båe tvo for retten, og so steina
deim i hel, gjenta for di ho ikkje ropa på hjelp, endå
det var i byen dette hende, og mannen for di han hev
skjemt ut annan manns festarmøy; soleis skal du rydja
det vonde ut or lyden. 25 Men er det ute på marki ein
mann råkar ei gjenta som er trulova, og han tek henne
med magt, og ligg hjå henne, so skal berre mannen
lata livet; 26 gjenta skal du ikkje gjera noko; ho hev
ingi synd gjort som ho skulde missa livet for. For med
dette er det som når ein mann ryk på ein annan og
slær honom i hel. 27 Mannen råka gjenta ute på marki,
og ho skreik, men der var ingen til å hjelpa henne. 28
Når ein mann råkar på ei ungmøy som ikkje er trulova,
og han tek henne og ligg hjå henne, og folk kjem yver
deim, 29 so skal mannen gjeva far åt gjenta eit halvt
hundrad sylvdalar, og ho skal verta kona hans, for di
han hev skjemt henne ut, og han må aldri skilja seg
med henne. 30 Ingen må taka stykmor si til kona, eller
søkja seng med henne.

**23** Den som er klakka eller skoren på blygsli, må
ikkje vera med i Herrens lyd. 2 Den som er av
urein ætt, må ikkje vera med i Herrens lyd; jamvel
etterkomarane hans, radt til tiande leden, skal vera
utestengde frå Herrens lyd. 3 Ein ammonit eller moabit
må ikkje vera med i Herrens lyd; jamvel etterkomarane
deira radt til tiande leden skal allstødt vera utestengde
frå Herrens lyd, 4 for di dei ikkje møtte dykk ikkje på
vegen med brød og vatn då de kom frå Egyptarland,
og for di dei leigde Bileam, son åt Beor frå Petor i
Mesopotamia til å lysa våbøn yver deg, 5 men Herren,
din Gud, vilde ikkje høyra på Bileam; han vende våbøni
um til velsigning for deg, av di han hadde deg kjær.
6 Aldri i dine livedagar skal du syta for deira velferd
og lukka. 7 Edomitarne skal du ikkje hava stygg til;
for dei er skyldfolket ditt. Egyptarane skal du heller
ikkje hava stygg til; for du hev havt tilhald i landet
deira. 8 Etterkomarane deira i tridje leden kann få
vera med i Herrens lyd. 9 Når du tek ut i strid med
fienden, og slær læger, so skal du agta deg for alt som
er usømelegt. 10 Er ein av dykk urein etter noko som
hev hendt honom um natti, so skal han ganga ut or
lægret og må ikkje koma inn att 11 fyrr det lid mot
kvelden; då skal han lauga seg, og når soli hev gladt,
kann han koma inn i lægret. 12 Utanfor lægret skal du
hava ein stad som ligg for seg sjølv; dit skal du ganga
dine ærender. 13 Og millom tølorne dine skal du hava
ei hakka; med den skal du grava attyver det som kjem
ifrå deg når du sit der ute. 14 For Herren, din Gud, er
med deg i lægret; han vil hjelpa deg, og gjeva fienden i
di magt; difor skal lægret ditt vera helga; han må ikkje
sjå noko ufyse der; for då vender han ryggen til, og
gjeng ifrå deg. 15 Ein træl som hev rømt frå herren
sin, og tydt seg til deg, skal du ikkje senda attende til
herren hans. 16 Lat honom få bu kvar han vil i landet
ditt, i ein av byarne dine, der han likar seg best, og ver
ikkje hard imot honom! 17 Det må ikkje finnast møy
eller svein i Israel som vigjer seg til skjøkjelivnad. 18
Kom ikkje med skjøkjeløn eller tevepengar inn i huset
åt Herren, din Gud, um du so skulle ha lova sovore!
For alle slike pengar er ein styggedom for Herren, din
Gud. 19 Du skal ikkje taka renta av ein landsmann,
korkje for pengar eller matvaror eller noko anna som
dei tek renta for. 20 Ein utlending kann du taka renta
av, men av ein landsmann må du ikkje taka renta; då
skal Herren, din Gud, velsigna deg i alt du tek deg fyre
i det landet du kjem til å eiga. 21 Når du hev gjort ein
lovnad til Herren, din Gud, so må du ikkje drygja med
å halda det du hev lova; elles kjem Herren til å krevja
deg etter det, og du fær synd på deg. 22 Um du let
vera å gjera nokon lovnad, so hev du ingi synd på deg
for det; 23 men ordet du hev gjeve, det skal du koma i
hug, og halda det, soleis som du av fri vilje og med din
eigen munn hev lova Herren, din Gud. 24 Kjem du inn
i annan manns vinhage, so kann du eta druvor, so
mykje du vil, til du er nøgd; men du må ikkje henta i
kopp. 25 Kjem du inn i annan manns åker, so kann du
taka aks med handi; men sigd må du ikkje koma med i
annan manns åker.

**24** Når ein mann hev teke seg ei kona og ført henne
heim, hender det at han ikkje kann lika henne, av
di han hev funne noko ufyse hjå henne. Då skriv han
kann henda eit skilsmålsbrev og gjev henne i hand,
og sender henne or huset. 2 Dersom no ho, etter ho
hev flutt ifrå honom, gjeng stad og gifter seg med ein
annan, 3 og denne andre og fær uhug til henne, og
gjev henne skilsmålsbrev, og sender henne frå seg,
eller dersom den andre mannen hennar døyr, 4 so må
ikkje den fyrste mannen, som hadde skilt seg med
henne, taka henne til kona att, etter ho hev vorte urein;
for slikt er avstyggjelegt i Herrens augo, og du skal
ikkje føra synd yver det landet som Herren, din Gud,
gjev deg til odel og eiga. 5 Ein nygift mann skal ikkje
fara ut i strid, og det må ikkje leggjast andre tyngslor på
honom heller; han skal vera fri eit heilt år, til gagn for
heimen sin og til hyggja for kona som han hev fenge. 6
Ingen må taka ei handkvern eller ein kvernstein i vissa;
for då tek han livet i vissa. 7 Kjem de yver ein mann
som hev rana burt nokon av landsmennerne sine, av
Israels-folket, og fer ille med honom eller sel honom, so
skal ransmannen døy; soleis skal du rydja det vonde
ut or lyden. 8 Tak dykk i vare for spillsykja! tak dykk vel
i vare, og gjer som Levi-prestarne lærer dykk! Soleis
som eg hev sagt deim fyre, lyt de leggja dykk vinn um

å gjera. 9 Kom i hug kva Herren, din Gud, gjorde med
Mirjam då de var på vegen frå Egyptarland! 10 Når du
låner ein noko, må du ikkje ganga inn i huset hans
og taka det du skal hava i vissa. 11 Du skal standa
utanfor, og den du gjev lånet, skal sjølv koma ut til
deg med vissa. 12 Er det ein fatigmann, so må du
ikkje hava vissa hans hjå deg um natti; 13 du skal lata
honom få henne att når soli glader, so han kann sova i
kjolen sin; då vil han takka og velsigna deg, og Herren,
din Gud, vil rekna deg det til rettferd. 14 Du skal ikkje
vera hard mot ein arbeidsmann som lid naud og er
fatig, anten han høyrer til ditt eige folk, eller det er ein
av dei framande som held til hjå dykk, i by eller bygd.
15 Du skal gjeva honom løni si på dagen, og fyrr enn
soli glader; for han er fatig, og stundar etter løni. Elles
kunde han klaga deg for Herren, og du fekk synd på
deg. 16 Foreldre skal ikkje lata livet for det borni hev
gjort, og born ikkje for det foreldri hev gjort; ingen skal
lata livet for anna enn sine eige brot. 17 Du skal ikkje
rengja retten for ein framand eller farlaus, og ikkje taka
klædi åt ei enkja i vissa. 18 Kom i hug at du var træl i
Egyptarland, men Herren, din Gud, fria deg ut derifrå.
Difor forbyd eg deg å gjera sovore. 19 Når du køyrer
inn lodi og gløymer att eit rauk på åkeren, skal du ikkje
ganga attende etter det; du skal lata dei framande og
farlause og enkjorne hava det; då skal Herren, din
Gud, velsigna deg i alt du tek deg fyre. 20 Når du hev
rist oljetrei, skal du ikkje leita etter frukt som kann ha
vorte hangande på greinerne; den lyt dei framande
og dei farlause og enkjorne få. 21 Når du hev hausta
vinhagen, skal du ikkje henta dei druvorne som att
er; dei skal vera åt dei framande og dei farlause og
enkjorne. 22 Kom i hug at du var træl i Egyptarlandet!
Difor er det eg segjer deg at du skal fara so.

**25** Når folk som ligg i trætta med kvarandre, møter
fram for retten, og fær dom i saki, og domen
lyder so, at den eine hev rett og den andre hev urett, 2
og at den som hev urett, skal hava hogg, so skal dei
leggja honom ned, og domaren skal sjå på at dei gjev
honom so mange slag som svarar til brotet han hev
gjort. 3 Fyrti slag kann dei slå honom, ikkje fleire; for
gjev dei honom mange fleire slag, vert han ærelaus
for dykk. 4 Du skal ikkje setja muleband på ein ukse
som du treskjer med. 5 Når brør bur i hop, og ein av
deim døyr sonlaus, då må ikkje enkja etter den avlidne
gifta seg ut or ætti og taka ein framand til mann; men
verbror hennar skal festa henne, og taka henne til
kona, og bu i hop med henne i staden for bror sin.
6 Og den fyrste sonen ho fær, skal kallast for son åt
den avlidne broren, so ikkje namnet hans skal døy
ut i Israel. 7 Men hev ikkje verbroren hug til å gifta
seg med enkja, so skal ho ganga fram på tinget for
styresmennerne og segja: «Verbror min neittar å reisa
upp att namnet åt bror sin i Israel; han vil ikkje gifta
seg med meg.» 8 Då skal styresmennerne i heimbygdi
hans kalla honom fyre seg, og telja for honom; og
stend han endå på det at han ikkje vil hava brorkona si,
9 so skal ho ganga burt til honom so styresmennerne
ser på det, og draga skoen av foten hans, og sputta
honom i andlitet og segja desse ordi: «So skal ein
fara åt med den som ikkje vil byggja upp att huset åt
bror sin.» 10 Og sidan skal dei i Israel kalla ætti hans
«Skolausarne». 11 Når menner ryk i hop og slæst, og
kona åt ein av dei spring burtåt og vil hjelpa mannen
sin, og so grip den som slær honom, i blygsli, 12 då
skal du hogga av henne handi, og ikkje tykkja synd i
henne. 13 Du skal ikkje hava tvo slag vegtlodd i taska
di, sume større og sume mindre. 14 Du skal ikkje
hava tvo slag skjeppemål i huset ditt, eit større og eit
mindre. 15 Rett og gild vegt og rett og gildt mål skal du
hava. Då skal du få liva lenge i det landet som Herren,
din Gud, gjev deg. 16 For Herren, din Gud hev stygg
til alle som gjer sovore, alle som gjer urett. 17 Kom i
hug korleis amalekitarne for åt med dykk då de var på
ferdi frå Egyptarland, 18 korleis dei kom yver dykk på
vegen, medan de var trøytte og mode, og hogg ned
deim som for attarst i heren dykkar, alle deim som var
veike og hadde gjeve seg etter; so lite ottast dei Gud!
19 Og når du er komen til det landet som Herren, din
Gud, gjev deg til odel og eiga, og han hev gjeve deg
fred for alle fiendar dine rundt ikring, då skal du rydja
ut or verdi alt som Amalek heitar; gløym ikkje det!

**26** Når du er komen til det landet som Herren, din
Gud, gjev deg til odel og eiga, og hev lagt det
under deg og fest bu der, 2 då skal du taka noko
av fyrstegrøda av alt som du avlar på der i landet,
og leggja i ei korg, og fara til den staden Herren, din
Gud, hev valt seg til bustad. 3 Der skal du ganga fram
for den presten som då er, og segja til honom: «Eg
vitnar i dag framfor Herren, din Gud, at eg er komen
til det landet han lova federne våre å gjeva oss.» 4
Og presten skal taka imot korgi, og setja henne ned
framfor altaret åt Herren, din Gud. 5 So skal du taka
soleis til ords for Herrens åsyn: «Ættefar min var ein
heimlaus aramæar; han for ned til Egyptarland, og
heldt til der med ein liten flokk, der vart han til eit stort
og sterkt og fjølment folk. 6 Men egyptarane for ille
med oss, og plåga oss, og lagde tungt arbeid på oss. 7
Då ropa me til Herren, vår fedregud, og Herren høyrde
oss og såg møda og naudi og plåga vår. 8 Og Herren
henta oss ut or Egyptarland med sterk hand og strak
arm, og med store og øgjelege under og teikn, 9 og
han førde oss hit, og gav oss dette landet, eit land
som fløymer med mjølk og honning. 10 Og sjå no kjem

eg med fyrstegrøda av den jordi du hev gjeve meg,
Herre!» So skal du leggja det ned for Herrens åsyn,
og kasta deg på kne for Herren, din Gud; 11 og du
skal gleda deg i alt det gode Herren, din Gud, hev
gjeve deg og huset ditt, både du og levitarne og dei
framande som bur millom dykk. 12 Når du i det tridje
året, tiendåret, hev reidt ut heile tiendi av avlingi di, og
gjeve levitarne og dei framande og dei farlause og
enkjorne som bur millom dykk, so dei hev fenge sitt
nøgje, 13 då skal du tala so framfor Herren, din Gud:
«No hev eg bore det heilage ut or huset, og gjeve det
til levitarne og dei framande, dei farlause og enkjorne,
heiltupp soleis som du hev sagt meg fyre; eg hev ikkje
brote noko av bodi dine, og ikkje gløymt noko av deim.
14 Ikkje hev eg ete noko av tiendi medan eg hadde
sorg, og ikkje bore burt noko, medan eg var urein, og
ikkje sendt noko til eit gravøl. Eg hev vore lydug mot
Herren, min Gud, og i alle måtar gjort soleis som du
sagde med meg. 15 Sjå ned frå den heilage bustaden
din i himmelen, og signa Israel, folket ditt, og det landet
du hev gjeve oss, soleis som du lova federne våre,
det landet som fløymer med mjølk og honning.» 16
«I dag segjer Herren deg det at du skal halda desse
bodi og loverne. So legg deim då på minne, og liv
etter deim med heile ditt hjarta og heile din hug. 17 Av
Herren hev du i dag teke imot den lovnaden at han vil
vera din Gud; so vil du ganga på hans vegar, og halda
fyresegnerne og bodi og loverne hans og vera honom
lydug. 18 Og Herren hev i dag teke imot den lovnaden
av deg at du vil vera hans eige folk, soleis som han
hev sagt deg; og halda alle bodi hans, 19 og då vil han
gjera deg til det høgste av alle folk han hev skapt, til
æra og gjetord og pryd, og du skal vera eit heilagt folk,
vigt til Herren, din Gud, soleis som han hev sagt.»

**27** Og Moses og styresmennerne i Israel tala til
folket og sagde: «Legg dykk på minne alle dei
bodi eg lærer dykk i dag; 2 og når du hev gjenge
yver Jordan, inn i det landet som Herren, din Gud, vil
gjeva deg, då skal du reisa upp nokre store steinar
og kalka deim; 3 på deim skal du, når du er komen
yver, skriva alle bodi i denne lovi, so sant du då vil inn
i det landet Herren, din Gud, gjev deg, det landet som
fløymer med mjølk og honning, soleis som Herren,
din fedregud, hev sagt deg. 4 På Ebalfjellet skal du
reisa upp desse steinarne, som eg talar til deg um
no, og kvita deim med kalk, og det skal de gjera med
same de hev kome yver Jordan. 5 Og du skal byggja
eit altar der åt Herren, din Gud, eit steinaltar; men du
må ikkje bruka bitjarn på steinarne; 6 av heile steinar
skal du byggja altaret, og du skal ofra eit brennoffer på
det til Herren, din Gud. 7 Og takkoffer skal du ofra,
og halda eit høgtidsmål der, og gleda deg for augo åt
Herren, din Gud. 8 Og so skal du skriva alle bodi i
denne lovi på steinarne, klårt og greidt.» 9 Og Moses
og Levi-prestarne tala til heile Israel, og sagde: «Gjev
gaum og høyr Israel! På denne dag hev du vorte folket
åt Herren, din Gud. 10 So ver då lydug mot Herren,
din Gud, og haldt bodi og loverne hans som eg lærer
deg i dag!» 11 Og same dagen sagde Moses til folket:
12 «Når de er komne yver Jordan, då skal Simeon
og Levi og Juda og Issakar og Josef og Benjamin
stiga upp på Gerizimfjellet, og lysa velsigning yver
folket. 13 Og Ruben, Gad og Asser og Sebulon, Dan
og Naftali skal sdtiga upp på Ebalfjellet, og lysa våbøn.
14 Og levitarne skal taka til ords og segja so høgt at
kvar mann i Israel høyrer det: 15 «Forbanna vere den
som hev ein kunstmann til å gjera seg eit gudebilæte,
støypt eller utskore, og set det upp i løynd, det som
er ein styggedom for Herren!» Og heile folket skal
segja: «Ja, ja!» 16 «Forbanna vere den som vanvyrder
foreldri sine!» Og heile folket skal segja: «Ja, ja!» 17
«Forbanna vere den som flyt merkesteinarne millom
seg og grannen!» Og heile folket skal segja: «Ja, ja!»
18 «Forbanna vere den som fører ein blind på galen
veg!» Og heile folket skal segja: «Ja, ja!» 19 «Forbanna
vere den som rengjer retten for ein framand eller ein
farlaus eller ei enkja!» Og heile folket skal segja: «Ja,
ja!» 20 «Forbanna vere den, som ligg hjå stykmor si!
Han sulkar lega åt far sin!» Og heile folket skal segja:
«Ja, ja!» 21 «Forbanna vere den som blandar seg med
fe!» Og heile folket skal segja: «Ja, ja!» 22 «Forbanna
vere den som ligg hjå syster si, anten det er heilsyster
eller halvsyster!» Og heile folket skal segja: «Ja, ja!»
23 «Forbanna vere den som ligg hjå vermor si!» Og
heile folket skal segja: «Ja, ja!» 24 «Forbanna vere
den som slær nokon i hel i løynd!» Og heile folket skal
segja: «Ja, ja!» 25 «Forbanna vere den som tek mutor,
og valdar at ein uskuldig let livet!» Og heile folket skal
segja: «Ja, ja!» 26 «Forbanna vere den som ikkje held
alle bodi i denne lovi, og ikkje liver etter deim!» Og
heile folket skal segja: «Ja, ja!»

**28** Høyr du no med åthug på røysti åt Herren, din
Gud, hugsar og held du alle dei bodi eg gjev deg
i dag, so skal han hevja deg høgt yver alle lydar på
jordi. 2 Kvar velsigning eg nemner, skal nå deg og taka
deg att, so sant som du vil høyra på røysti åt Herren,
din Gud: 3 Velsigna vere du i by! Velsigna vere du på
land! 4 Velsigna barnet i ditt fang! Velsigna avlen av di
jord! Velsigna buskapen du el, Velsigna kalv og lamb
og kid! 5 Velsigna hjå deg korg og trog! 6 Velsigna ver
du når du kjem inn! Velsigna ver du når du gjeng ut! 7
Når fiendarne reiser seg mot deg, skal Herren fella
deim ned for din fot; på ein veg kjem dei farande imot

deg, men på sju vegar skal dei ljota fly. **8** Til lukka skal
din Herre senda bod at ho skal bu hjå deg i buderne
dine og fylgja deg i all di ferd og gjerd; for Herren vil at
du skal liva sæl uti det landet han hev etla deg. **9** Ja,
til eit heilagt folk vil Herren gjera deg, vigt åt honom
sjølv, som han hev lova deg, so framt du held hans
bod og ferdast på hans veg; **10** og alle folk på jordi
skal få sjå at du med rette heiter Herrens lyd, og dei
skal ræddast deg. **11** Nøgdi av alt som godt er skal
Herren senda deg, av born og buskap og av alt som
marki ber, og du skal bu og byggja i det land han lova
federne å gjeva deg. **12** Si rike bud i himmelen skal
han lata upp for deg, so landet ditt i tidom fær det regn
som trengst, og alt vert signa som du tek deg til; og du
skal låna burt til mange folk, men aldri skal du turva
låna sjølv. **13** Til hovud skal Herren setja deg, og aldri
skal du verta hale. Høgre og høgre skal du stiga upp,
og aldri meir skal du siga ned, so sant du berre lyder
Herrens bod - deim som eg no legg fram for deg, so
du skal halda deim og liva etter deim - **14** og aldri tek
utav den rette leid, og gløymer ordi som eg lærde deg,
og fylgjer nokon annan Gud, og bed til honom. **15** Men
vil du ikkje høyra på røysti åt Herren, din Gud, hugsar
og held du'kje alle bodi og loverne hans, deim som eg
legg fram for deg i dag, skal det ganga deg so at kvar
våbøn eg nemner, skal nå deg og taka deg att: **16**
Forbanna vere du i by! Forbanna vere du på land! **17**
Forbanna hjå deg korg og trog! **18** Forbanna borni som
du fær! Forbanna avlen av di jord! Forbanna buskapen
du el, forbanna kalv og lamb og kid! **19** Forbanna ver
når du kjem inn! Forbanna ver når du gjeng ut! **20**
Forbanning, støkk og trugsmål sender Herren yver
deg, kva du so tek deg til og gjer, til du vert tynt og
vonom fyrr kverv burt, for di du jamt hev gjort so mykje
vondt og falle frå din Gud. **21** Farangar skal han lata
hanga atti deg, til han hev rudt deg ut or landet som
du er på vegen til og skal slå under deg. **22** Med sott
som syg og brenn skal han søkja deg, med hiteflagor
og med verk og svull, med turkår og med moldaks
og med rust, og dei skal elta deg til du er kvitt. **23**
Himmelen uppyver deg skal vera som eit kopartak,
og jordi under føterne dine som av jarn. **24** Regnet i
landet ditt skal verta dust og sand, som fell nedyver
deg til du vert kjøvd. **25** For fiendarne skal du rjuka: på
ein veg skal du fara imot deim; og på sju vegar skal du
fly. Ei skræma vert du for kvart rike jordi rundt. **26** Til
mat for fuglarne i lufti vert ditt lik, og for dei ville dyri;
ingen jagar deim. **27** Egyptarsotti sender Herren yver
deg, kaunar og skabb og sårke, utan lækjevon; **28**
vitløysa, hjartestøkk og blindskap sender han; **29** då
lyt du trivla deg fram midt i dagsens ljos, den blinde
lik som all tid gjeng i myrkrer, og aldri når du målet
som du stemnar mot. Plåga og plundra vert du dag
for dag, og ingen finst det som kann hjelpa deg. **30**
Ein annan mann tek bruri di i fang; i huset du hev
bygt, fær du'kje bu; av hagen du hev stelt, fær du'kje
frukt. **31** Slagta vert uksarna dine med du ser på det;
men du fær ikkje smaka deira kjøt; asni vert rana frå
deg, og kjem aldri att; og fienden tek sauerne - ingen
hjelper deg. **32** Borni vert gjevne til eit framandt folk,
og augo dine skodar det, og græt seg såre etter deim
all dagen lang; men det er ingi magt i handi di. **33** Eit
folk du ikkje kjenner, et upp det som du hev avla på di
fedrejord, og alt som du hev vunne med ditt stræv;
trælka og trådd på vert du jamt og samt. **34** Du kjem til
å missa vitet av den syn som du lyt sjå for augo dine
stødt. **35** Med vonde verker søkjer Herren deg, på kne
og legg, frå hovud og til fot, og aldri fær du att helsa
meir. **36** Deg og den kongen du set yver deg, skal
Herren føra langt burt til eit folk som korkje du eller
federne hev kjent; der lyt du tena andre gudar, stokk
og stein; **37** ein spegel, eit ordtøke og ei spott vert du
for alle folk som Herren let deg koma til. **38** På åkrarne
sår du ut mykje korn, men lite er det du fær samla
inn; for grashopparne gneg brodden av. **39** Vinhagar
kostar du, og dyrkar deim; men aldri fær du drukke
eller lagt vin; for makken et upp både blom og blad.
**40** I heile landet er det oljetre; men endå fær du aldri
salva deg; det kastar karten, oljetreet ditt. **41** Born fær
du, men du må'kje hava deim; for dei vert hertekne
og førde burt. **42** Avåtet legg seg tett på alle tre og
grøda som veks upp av jordi di. **43** Den framande som
bur hjå deg stig upp, høgre og høgre, yver deg, og du
sig allstødt djupare og djupare. **44** Han hev so han
kann låna burt til deg, men du hev inkje å låna honom;
han vert til hovud, og du vert til hale. **45** Og alle desse
våbønerne kjem yver deg og råmar deg, so du vert
øydelagd, for di du ikkje lydde Herrens ord, og ikkje
heldt hans bod og loverne han gav. **46** Og dei skal
verta til eit bisn og teikn, som allstødt fylgjer deg og
ætti di. **47** For di du ikkje tente Herren din med gleda
og av hjartans hug den gongen du hadde flust av alt,
**48** so skal du svolten, tyrst og klædelaus og aud for all
ting tena fienden som Herren sender mot deg, og eit
jarnok skal han leggja på din hals, til du vert kverkt. **49**
Herren skal bjoda ut mot deg eit folk langt burtantil, frå
verdsens ytste land; brått, liksom ørnen slær ned, kjem
dei yver deg, og ikkje kann du skyna deira mål - **50** eit
hardleitt folk, som ingen age hev for den som gamall
er, og ingen medynk med den som er ung; **51** dei et
upp alt du fær av buskapen, og all di avling, til du svelt
i hel, av di dei ikkje leiver anten korn eller vin eller
olje, anten kalv eller lamb, fyrr dei hev fenge øydt og
snøydt deg reint. **52** Dei kringset deg i kvar ein by du

hev, til dess dei høge, sterke murarne du lit på, fell i
heile riket ditt; dei kringset deg i alle byarne i heile
landet Gud hev gjeve deg. 53 Då skal du eta eige kjøt
og blod, dei borni som din Gud hev gjeve deg, so stor
ei trengsla og so hard ei naud kjem fienden til å føra
yver deg. 54 Den kjælnaste og vandaste av menn skal
sjå med ovundsauga på sin bror, og på si kona, som
han held i fang, og på dei siste borni han hev att, 55
og ikkje nennast gjeva deim ein grand av kjøtet av dei
borni som han et, av di han ingen annan ting hev att til
å berga seg med i den naud og trong som fiendarne
fører yver honom når dei kringset dykk i kvar borg
og by. 56 Den kjælnaste og mest forvande dros som
aldri baud til å setja fot på jordi for berre blautlæte og
kjælenskap, ho ser med ovundsauga på sin mann, han
som fekk kvila innmed hennar barm, og på sin eigen
son, og dotter si, 57 og gjev deim ikkje av si etterferd,
eller av det vesle barnet som ho fekk, men, snøydd for
alt, et ho det sjølv i løynd, til å berga livet i den naud
og trong som fiendarne fører henne i når han kringset
dykk i kvar by og borg. 58 Held du'kje alle bod i denne
lov, deim som stend skrivne her i denne bok, ottast du
ikkje det høgheilage og agelege namnet åt din Gud,
59 skal Herren senda fæle ulukkor yver deg sjølv og
yver ætti di, svære og endelause ulukkor og endelause
vonde sjukdomar. 60 Egyptar-sjukarne som du er so
rædd, deim skal han føra yver deg på ny, og dei skal
alle hanga atti deg. 61 Og kvar ei sott og kvar ei ulukka
som er unemnd i denne lovboki, skal Herren lata koma
yver deg, til du er heiltupp tynt og øydelagd, 62 og de
som fyrr var liksom stjernorne på himmelen i tal, skal
minka burt, so de er att berre tvo, tri mann, for di du
ikkje lydde Herrens bod. 63 Og liksom Herren fyrr hev
gledt seg i å gjera vel mot dykk og auka dykk, so skal
han sidan gleda seg når han let dykk forkomast fort og
øydast ut, og de skal rykkjast upp utor det land de
no vil inn i og slå under dykk. 64 Herren skal spreida
dykk bland alle folk, frå heimsens eine ende og til hin;
der lyt du tena avgudar, som du og federne dine aldri
hev kjent til, gudar av stokk og stein, 65 og aldri fær
du ro hjå desse folki, aldri finn du nokon kvilestad for
foten din. Herren skal gjeva deg ei sjæl som skjelv,
innsokne augo og ein visna hug; 66 då tykkjer du ditt
liv heng etter eit hår; du bivrar natt og dag, og aldri
er du trygg for livet ditt. 67 Kvar morgon segjer du:
«Gjev det var kveld!» og vert det kveld: «Gjev det var
morgon att!» Slik rædsla kjenner du i hugen din, og
slik ei syn lyt augo dine sjå. 68 På skip skal Herren
senda dykk attende til Egyptarland, den vegen som
eg sagde deg at du aldri meir skulde sjå; der skal de
verta bodne ut i mengd åt dykkar fiendar til trælar og til
trælkvende, men ingen idest kjøpa dykk.»

**29** Dette er ordi i den pakti som Herren let Moses
gjera med Israels-sønerne i Moablandet, umfram
den pakti han hadde gjort med deim ved Horeb. 2
Moses kalla i hop heile Israel, og sagde til deim: «De
såg det for augo dykkar alt det som Herren gjorde i
Egyptarland med Farao og alle mennerne og heile
landet hans, 3 med eigne augo såg de dei svære
plågorne, dei store teikni og underi. 4 Men endå hev
Herren ikkje fenge gjeva dykk vit til å skyna eller augo
til å sjå eller øyro til å høyra med. 5 «Eg førde dykk
fyrti år i øydemarki, » segjer Herren; «klædi dykkar vart
ikkje utslitne, og skoen sleitst ikkje undan foten din.
6 Ikkje hadde de brød å eta, og ikkje vin eller anna
sterkt å drikka; for eg vilde de skulde sjå at eg, Herren,
er dykkar Gud.» 7 So kom de hit til dette landet, og
Sihon, kongen i Hesbon, og Og, kongen i Basan, kom
imot dykk og baud ufred, men me slo deim, 8 og tok
landet deira, og let rubenitarne og gaditarne og den
halve Manasse-ætti få det til odel og eiga. 9 So kom
då i hug å halda dykk etter kvart ord i denne pakti,
so de fer visleg åt i alt det de gjer! 10 Her stend de i
dag alle framfor Herrens åsyn, hovdingarne dykkar,
ætterne, styresmennerne og formennerne, kvar mann i
Israel, 11 borni og konorne dykkar, og dei framande i
lægret, både vedhoggaren og vatsberaren, 12 og skal
ganga inn i sambandet med Herren, dykkar Gud, og
den pakti han gjer med dykk i dag; 13 for i dag vil han
gjera deg til sitt folk, og sjølv vil han vera din Gud,
soleis som han hev sagt deg, og soleis som han hev
lova federne dine, Abraham og Isak og Jakob. 14 Og
ikkje berre med dykk gjer han dette sambandet og
denne pakti, 15 men både med deim som i dag stend
her med oss for Herrens åsyn, og med deim som ikkje
er her hjå oss i dag. 16 For de minnest vel at me
budde i Egyptarlandet, og at me for fram millom alle
dei folki de veit. 17 Og de såg dei ufysne styggetingi
av stokk og stein, av sylv og gull, som dei hadde til
gudar. 18 Lat det då ikkje finnast hjå dykk mann eller
kvinna, ætt eller ættgrein som i dag vender hjarta sitt
burt frå Herren, vår Gud, og gjeng av og tener gudarne
åt desse folki! Lat det'kje finnast nokon som er rot til
trollber og malurt, 19 og som tenkjer med seg, når han
høyrer ordi i denne pakti: «Eg er like sæl; det gjeng
meg like godt, um eg trassar og fer etter min eigen
hug!» For slike kjem til å føra ulukka yver bygd og
by. 20 Herren skal aldri gjeva deim til. Herrens vreide
og harm skal loga imot deim som ein eld, og alle dei
våbøner som er skrivne i denne boki, skal kvila på
deim. Herren skal rydja namnet deira ut or verdi. 21
Herren skal skilja deim ut frå alle Israels ætter, og det
skal ganga deim so ille som spått er i alle våbønerne i
den pakti som er skrivi i denne lovboki. 22 Og når dei

komande ætter, borni som veks upp etter dykk, og den
framande som kjem frå eit land langt burte, ser dei
ulukkor som hev råma dette landet, og dei sjukdomar
som Herren hev heimsøkt det med, 23 ser heile marki
strådd med svåvel og salt, og uppbrend so ho ikkje
kann såast og ingen ting gjeva av seg, og det ikkje
kann veksa gras på henne - som den gongen Sodoma
og Gomorra og Adma og Sebojim vart lagde i øyde,
dei byarne som Herren gjorde ende på i sin vreide og
harm - 24 då kjem dei til å spyrja, alle kjem til å spyrja:
«Kvi hev Herren fare soleis åt med dette landet? Kva
var det som valda denne svære vreideselden?» 25
Og dei fær til svar: «Det var av di dei braut pakti som
Herren, fedreguden deira, gjorde med deim då han
henta deim ut or Egyptarlandet, 26 og av di dei gjekk
av og tente andre gudar, og bad til deim, gudar som
dei ikkje kjende, og som han ikkje hadde gjeve deim
lov til å dyrka. 27 Difor loga Herrens vreide upp imot
dette landet, so han let alle dei våbøner koma yver det
som er skrivne i denne boki. 28 Han rykte deim upp or
landet deira i harm og vreide og græe, og slengde
deim burt til eit anna land, og der hev dei lote vera til
denne dag.» 29 Det dulde høyrer Herren, vår Gud, til,
men det som er openberra, gjeld for oss og borni våre
i all æva; di skal me halda alle bodi i denne lovi.

**30** Når då alt dette kjem yver deg, velsigningi og
våbøni som eg no hev lagt fyre deg, og du tek
det til hjarta i dei framande landi som Herren, din Gud,
hev drive deg burt til, 2 og du so vender um til Herren,
din Gud, og lyder honom av heile ditt hjarta og heile
din hug i alt det eg segjer med deg i dag, både du og
borni dine, 3 då skal Herren, din Gud, ynkast yver deg
og venda lagnaden din, og sanka dykk i hop att or alle
dei landi som han hadde spreidt dykk utyver. 4 Um de
so var burtstøytte til verdsens ende, so skal Herren,
dykkar Gud, samla dykk og henta dykk derifrå. 5 Han
skal føra deg heim att til det landet federne dine hev
åtta, og du skal få eiga det, og han skal gjera vel mot
deg, og auka dykk, so de vert endå mannsterkare enn
federne dykkar. 6 Og han skal gjeva deg og ætti di ein
ny og skir hug, so du elskar Herren, din Gud, av heile
ditt hjarta og heile di sjæl, og då skal du få liva. 7 Då
skal Herren, din Gud, lata alle desse våbønerne koma
yver fiendarne dine og yver deim som hev hata og sete
etter deg; 8 og du skal på nytt lag lyda Herren, din
Gud, og halda alle bodi hans, som eg lærer deg i dag.
9 Og Herren, din Gud, skal velsigna deg i alt du tek
deg til; du skal hava lukka både med born og buskap
og avling, so du vert sæl; for Herren skal då gleda seg
yver deg og gjera vel imot deg, liksom han fyrr gledde
seg yver federne dine, 10 so sant du lyder Herren, din
Gud, og held bodi og fyresegnerne hans, alt det som
er skrive denne lovboki, og so sant du vender um til
Herren, din Gud, av heile ditt hjarta og heile din hug.
11 For dette bodet, som eg legg fyre deg i dag, det er
ikkje for høgt for deg, og ikkje for langt burte; 12 det er
ikkje uppi himmelen, so du lyt segja: «Kven vil fara
upp til himmelen og henta det, og lata oss få høyra
det, so me kann liva etter det?» 13 Og det er ikkje på
hi sida av havet, so du lyt segja: «Kven vil fara yver
havet og henta det åt oss, so me kann få høyra det og
liva etter det?» 14 Bodet er deg næmare enn so: det
er i din eigen munn og i ditt eige hjarta, so du vel kann
liva etter det. 15 Sjå, i dag legg eg fram for deg livet og
det gode, og dauden og det vonde. 16 Gjer du som eg
segjer med deg i dag, elskar du Herren, din Gud, og
gjeng på hans vegar, og held bodi og fyresegnerne og
loverne hans, då skal du liva og veksa, og Herren, din
Gud, skal velsigna deg i det landet du kjem til å eiga.
17 Men vender du hugen din burt, og ikkje vil lyda, og
let du deg lokka til å dyrka andre gudar og tena deim,
18 so segjer eg dykk i dag beint ut at de skal verta
utrudde; de skal ikkje få liva lenge i det landet de no
fer yver til og skal leggja under dykk. 19 Himmel og
jord tek eg i dag til vitne på at eg hev lagt fram for
deg liv og daude, velsigning og våbøn! Vel då livet, so
skal du få liva, både du og ætti di! 20 Elska Herren,
din Gud, og lyd bodi hans, og haldt deg til honom! for
då vinn du livet, og når ein høg alder, og fær bu i det
landet som Herren lova federne dine, Abraham og Isak
og Jakob.»

**31** Og Moses gjekk fram, og tala til heile Israel,
2 og sagde desse ordi: «No er eg hundrad og
tjuge år gamall; eg er ikkje so nøytug som eg hev
vore, og Herren hev sagt meg at eg ikkje skal koma
yver Jordanåi. 3 Herren, din Gud, vil sjølv ganga fyre
deg; han vil rydja ut desse folki for deg, og du skal
leggja under deg landet deira; men Josva skal føra
deg yver, soleis som Herren hev sagt. 4 Og Herren
skal gjera med deim som han gjorde med Sihon og
Og, amoritarkongarne, då han rudde deim ut, og lagde
landet deira i øyde. 5 Han skal gjeva deim i dykkar
magt, og de skal fara med deim i eitt og alt soleis som
eg hev sagt dykk. 6 Ver sterke og djerve! Ræddast
ikkje, og skjelv ikkje for deim! For Herren, din Gud,
gjeng sjølv med deg; han vil ikkje sleppa deg, og ikkje
slå handi av deg.» 7 Og Moses kalla Josva åt seg,
og sagde til honom, medan heile Israel stod ikring:
«Ver sterk og stød! for du skal føra dette folket inn i
det landet som Herren hev lova federne deira, og du
skal hjelpa deim til å vinna det. 8 Og Herren skal sjølv
ganga fyre deg; han skal vera med deg. Han skal ikkje
sleppa deg, og ikkje slå handi av deg. Du skal ikkje
ræddast og ikkje fæla!» 9 So skreiv Moses upp denne

lovi, og gav henne til prestarne, Levi-sønerne, dei som
bar Herrens sambandskista, og til alle styresmennerne
i Israel, 10 og sagde til deim: «Kvart sjuande år, i
ettergjevingsåret, når de held lauvhyttehelg, 11 og
heile Israel møter fram for Herrens åsyn på den staden
han hev valt seg ut, då skal du lesa upp denne lovi
for Israels-lyden. 12 Heile folket skal de kalla i hop,
både menner og kvende og born og dei framande som
bur innan portane dykkar, so dei fær høyra lovi og
kann læra å ottast Herren, dykkar Gud, og koma i
hug å halda alle desse bodi. 13 Og borni deira, som
ikkje kjenner bodi, lyt og få høyra deim, so dei kann
læra å ottast Herren, dykkar Gud, so lenge de liver
i det landet de no fer yver til og skal leggja under
dykk.» 14 Og Herren sagde til Moses: «No lid det til at
du skal fara or verdi; kalla Josva hit, og stig fram åt
møtetjeldet, både du og han, so skal eg segja honom
fyre kva han skal gjera.» So gjekk Moses og Josva
fram åt møtetjeldet, og vart standande der. 15 Då synte
Herren seg for deim i ein skystopul, og skystopulen
stod i tjelddøri. 16 Og Herren sagde til Moses: «Når du
kviler hjå federne dine, då kjem dette folket til å halda
seg med avgudarne i det landet dei skal til; dei kjem
til å venda seg ifrå meg, og brjota den pakti eg hev
gjort med deim. 17 Den dagen skal harmen min loga
upp; eg skal venda meg frå deim, og løyna andlitet
mitt for deim; dei skal tynast burt, og koma i stor naud
og ulukka. Då skal dei segja: «Det er visst av di vår
Gud ikkje er hjå oss, at desse ulukkorne kjem yver
oss.» 18 Men endå skal eg løyna andlitet mitt, for di
dei hev gjort so mykje vondt og vendt seg til andre
gudar. 19 Skriv no upp denne songen! Lat Israels-borni
læra honom, og legg honom i munnen deira! Han skal
vera meg til eit vitnemål imot deim. 20 For no fører eg
deim inn i det landet eg lova federne deira, der som
mjølki og honningen fløymer; men når dei hev ete seg
mette og feite, kjem dei til å venda seg til andre gudar
og tena deim, og vanvyrda meg, og brjota sambandet
med meg. 21 Når då mange ulukkor møter deim, og
dei kjem i stor vande og naud, då skal denne songen
ljoda som eit vitnemål for øyro deira; han skal ikkje
vera gløymd hjå deim som etter kjem, og ikkje døy
på munnen deira. For eg veit kva tankar dei gjeng
med alt no, fyrr eg hev ført deim inn i det landet eg
lova deim.» 22 Same dagen skreiv Moses upp denne
songen, og let Israels-sønerne læra honom. 23 Og
Herren sagde til Josva Nunsson: «Ver sterk og stød!
For du skal føra Israels-sønerne inn i det landet eg hev
lova deim, og eg skal vera med deg.» 24 Då Moses
hadde skrive inn i ei bok alle ordi i denne lovi, heilt til
endes, 25 so sagde han til levitarne som bar Herrens
sambandskista: 26 «Tak denne lovboki og legg henne
ned innmed sambandskista åt Herren, dykkar Gud;
der skal ho liggja og vera eit vitne imot dykk. 27 For
eg veit kor tråssuge og stride de er. Hev de'kje alt
no, medan eg liver og er hjå dykk, vore ulyduge mot
Herren! Korleis vil det då verta når eg er burte? 28
Kalla no i hop alle styresmennerne fot ætterne dykkar
og alle formennerne, so vil eg kveda desse versi for
deim, og taka himmelen og jordi til vitne mot deim. 29
For eg veit vel at når eg er burte, kjem de til å forsynda
dykk storleg, og taka utav den vegen eg hev synt dykk;
men ulukka skal koma yver dykk fyrr leidi lyktar, når de
gjer det som Herren mislikar og argar honom upp med
framferdi dykkar.» 30 So kvad Moses dette kvædet frå
ende til annan, for heile Israels-lyden:

**32** «Høyr himmel, på meg, med eg talar, lyd du
jord, på ordi frå min munn! 2 Som regnet rislar
mitt kvæde, som doggi dryp mine ord, som skurer på
grønan grode, som el på urter og gras; 3 For Herrens
namn vil eg prisa; høgt love de Herren, vår Gud! 4 Eit
fjell er han, stød i si framferd; for rett fylgjer alle hans
fet - ein trufast Gud og truverdig; rettferdig og rettvis er
han. 5 Men borni hans dei var'kje hans born; dei synda
imot ham stygt, seg sjølve til skam og vanæra, ei rang
og svikefull ætt. 6 Er det soleis de løner Herren, du
dårlege, fåvise folk! Er'kje han din far og din fostrar?
Han laga deg og gav deg liv. 7 Hugs etter ævordoms
dagar, gransk åri, ætt etter ætt! Spør far din, han gjev
deg fråsegn, dine gamle, av deim fær du grein. 8 Då
den Høgste skifte ut heimen, og gav folki eiga og arv,
då manneborni vart skilde og spreidde til kvar sin stad,
då laga han landskili etter talet på Israels lyd; 9 For
Herrens folk er hans odel, Jakob er hans eiga og arv.
10 Han fann han på aude viddi, med det ylte i villande
heid; han verna han, og han vakta han vart, som ein
augnestein. 11 Som ørnen vekkjer sitt elde, og yver
ungarne sviv, so breidd' han ut flogfjørern' sine, og
bar han uppå sin veng. 12 Det var Herren eine som
førd' han; ingen framand gud fylgde med. 13 Då for
du fram yver høgdern', fekk eta av landsens avl; utor
berget tappa du honning, og olje or hardaste stein; 14
søtrjomen og sauemjølki saup du; lambe- og verefeitt,
kjøt av uksar i Basan alne åt du og ungbukkekjøt, attåt
feitaste kveitemergen, og druveblod drakk du, vin. 15
Jesjurun vart feit, og slo bakut, feit vart han, foreten
og stinn; han skaut ifrå seg sin skapar, mismætte sitt
frelsande fjell. 16 Dei arga han med avgudar, med
ufryskje harma dei han. 17 Dei blota til vonde vette,
til gudar dei vankjende fyrr, nye og nyst uppkomne,
som federne ikkje visst' um. 18 Du ansa ikkje fjellet,
ditt upphav, du gløymde din skapar og Gud. 19 Og
Herren såg det, og støytte deim burt ifrå seg, sine
born; 20 og i sin harm sagde han dette: «Eg skal løyna

mitt andlit for deim; eg undrast korleis det vil ganga,
undrast kva ende dei fær; for dei er ei ætt av uvyrdor,
born som ein aldri kann tru. 21 Dei arga meg upp med
u-gudar, eggja meg med sine skrymt; eg skal eggja
deim med eit u-folk, ei uvitug heidningeborg. 22 For ein
eld er kveikt av min ande, og logar til djupt under jord;
han øyder grunnen og grøda og fatar i fastaste fjell.
(Sheol h7585) 23 Eg skal sanka i hop ulukkor og sleppa
nedyver deim; kvar ei pil eg hev i mi eiga skal eg skjota
av imot deim. 24 Når svolt og svidande sotter hev soge
mergen or deim, sender eg mot deim udyrtonni og eitr
av krjupande orm. 25 Ute herjar den kalde odden, og
inne rædsla og støkk, tyner sveinar og tynar møyar,
sylvherde og sugarborn. 26 Eg hadde vilja blåse deim
burt, so ingen mintest deim meir, 27 ottast eg ikkje
min eigen harm, når uvenern' tydde det rangt, når
valdsmennern' sagde: «Stor er vår magt, dette er ikkje
Herrens verk.»» 28 For dei er eit folk forutan visdom;
dei vantar båd' klokskap og vit. 29 Var det vit i deim,
vara dei seg; for då visste dei kvar det bar av. 30 Koss
kunde ein mann elta tusund, og tvo slå ti tusund på
flog, hadd' ikkje hjelpi gjenge frå deim og Herren gjeve
deim upp? 31 For deira vern er'kje som vår vern; det
vitnar fienden sjølv. 32 I Sodoma voks deira vintre,
skaut upp av Gomorras grunn; druvorn' dei ber, det er
trollber, og beisk er kvar einaste krans; 33 Vinen av
deim er orme-eiter og øgjeleg drakefraud. 34 «Ligg'kje
dette gøymt i mi stova, forsegla i mine skrin? 35 Eg
råder for hemn og for attgjeld når foten deira skrid ut.
Alt lid det mot undergangsdagen, og forloga deira kjem
fort.» 36 Sine tenarar tykkjer Gud synd um, og tek
deira sak i si hand, når han ser det er ende på magti
og ute med gamall og ung. 37 Han spør: «Kvar tru
er deira gudar, den hjelpi dei trygde seg til, 38 som
slauk deira slagtofferfeita, og saup deira drykkoffervin?
- Bed dei reinsa seg og dykk berga, bed deim vera
vervegg for dykk! 39 Ser de no at eg er sjølv eine:
Det er ingen Gud utan eg! Eg drep, og eg vekkjer til
live, eg helseslær og eg gjer heil; og ingen i vide verdi
kann fria dykk or mitt vald. 40 Sjå, eg lyfter handi mot
himmelen: So visst eg hev ævelegt liv: 41 Hev eg slipa
det ljonande sverdet, og stend med domen i hand, tek
eg hemn yver deim som meg hatar, valdsmannen fær
det han er verd. 42 Med kjøt vert sverdet mitt metta,
mine piler drukne av blod - blodet av falne og fangar,
av fiendehovdingen sjølv.» 43 Love hans tenarar, lydar!
Hemna vil han deira blod; mot valdsmannen vender
han våpni, og løyser sitt land og sin lyd.» 44 Då Moses
hadde kvede alle versi i denne songen for folket, han
og Hosea Nunsson, 45 og hadde tala alle desse ordi til
heile Israel, 46 so sagde han til deim: «Agta no vel
på alle dei ordi eg lysar for dykk i dag, so de kann
læra borni dykkar å halda alle bodi i denne lovi og liva
etter deim! 47 For dette er ikkje noko tomt ord, som
ikkje gjeld for dykk; livet dykkar ligg i dette ordet, og
held de dykk etter det, so skal de få liva lenge i det
landet de no fer yver til og skal leggja under dykk.» 48
Denne same dagen tala Herren til Moses, og sagde:
49 «Stig upp på Abarimfjellet her, på Nebotinden, som
ligg i Moablandet, midt for Jeriko, so skal du få skoda
Kana'ans-landet, som eg gjev Israels-borni til eigedom,
50 og der uppå fjellet skal du døy og fara til federne
dine, soleis som Aron, døydde på Horfjellet og for til
federne sine, 51 for di de ikkje for ærleg fram mot
meg millom Israels-sønerne ved Meribakjelda i Kades i
Sinøydemarki, og ikkje synte Israels-sønerne allmagti
mi. 52 Du skal få sjå landet framfyre deg, men inn skal
du ikkje koma i det landet som eg vil gjeva Israels-
sønerne.»

**33** Dette er den velsigningi som gudsmannen Moses
lyste yver Israels-sønerne fyrr han døydde. 2
Han kvad: «Herren frå Sinai kom, steig upp for oss ifrå
Se'ir, skein ifrå Parans heid, gjekk fram or dei heilage
herar, og strålar frå handi hans strøymde. 3 Ja, han
elskar ætterne høgt, og vel sine heilage vardar; dei
flokkar seg kring hans fot, dei lyder trutt på hans tale.
4 Moses lærd' oss ei lov, ein arv for lyden åt Jakob; 5
og Jesjurun kåra ein konung, då hovdingarn' slo seg i
hop, og Israels-ætterne eintest. 6 «Lat Ruben liva og
aldri døy ut, um mennern' hans ikkje er mange!» 7 Og
um Juda kvad han dette: «Høyr, Herre, ropi frå Juda,
og før han heim til sitt folk, som han strider veldeleg
fyre; ver imot valdsmenn hans hjelp!» 8 Og um Levi
kvad han: «Ditt «ljos» og «di sanning» gjev lyden åt
den som hev vore deg lydug, han som du røynde i
Massa, og rengdest med ved Meriba! 9 Dei segjer
um far sin og mor si: «Eg hev ikkje sett desse folki; »
dei bryr seg ikkje um brødern' og kjendest ikkje ved
borni, men agtar på ordi dine, og gøymer di pakt i sitt
hjarta. 10 Dei lærer Jakob di lov og Israels lyd dine
bod, dei legg røykjelse for ditt andlit, og offerfe på ditt
altar. 11 Velsigna, herre, hans velde, hav hugnad i alt
hans verk! Brjot ryggen på deim som renn på han, so
dei aldri vinn reisa seg meir!» 12 Um Benjamin kvad
han: Hjartebarnet åt Herren hev seg so trygg ei heim
han kviler imillom hans herdar; stødt held Gud si hand
yver han.» 13 Og um Josef kvad han: «Med doggi,
dyre himmelgåva, velsignar Herren landet hans, med
vatn utor det store djupet, som gøymt innunder jordi
ligg. 14 Med alt det beste soli el, med frukti månarne
driv fram. 15 Alt godt ifrå dei gamle fjelli, alt hævt frå
ævelege haug, 16 alt gjævt og gildt som fyller jordi,
hans blida som i klungeren bur, det kome yver Josefs
hovud, det kryne kvervelen åt han, som konung er

bland sine brøder! 17 Ovgild er hans frumborne ukse!
hans horn er som uruksehorn; med deim stangar han
alle folki til verdsens ytste endemark. Det er Efraims
store herar, det er Manasses sterke hop.» 18 Og um
Sebulon kvad han: «Gled deg, Sebulon, i di utferd, og
du Issakar, i ditt tjeld! 19 Til fjellet bed dei folki koma
- rettuge forner ber dei fram; for utor sjøen syg dei
rikdom og skattar gøymd' i havsens sand. 20 Og um
Gad kvad han: «Lova vere han som gav Gad romt
land! Der ligg han og lurer som løva og riv sund herdar
og hovud. 21 Han såg seg ut fyrste luten, etla åt den
som var førar, so for han fram fyre folket, og saman
med Israels-sønern' gjord' han alt det Herren sa fyre,
alt det som var rett i Guds augo.» 22 Og um Dan kvad
han: «Dan er ein løveunge lik som ifrå Basan byksar
fram.» 23 Og um Naftali kvad han: «Naftali, metta med
nåde og nørd med Herrens velsigning, søk landet ditt
sud med sjøen!» 24 Og um Asser kvad han: «Sælaste
sonen vert Asser, bestebarn bland sine brøder; i olje
fær han duppa foten. 25 Av kopar og jarn er ditt lås, og
di kvild so lang som ditt liv!» 26 Det finst ingen som
Gud, Jesjurun! Han fer deg til hjelp yver himmelen og
ek i si allmagt på skyerne. 27 Ei borg er den eld'-gamle
Gud; hit ned når hans evige arm. Dine uvener driv han
burt, og segjer åt deg: «Øyd ut!» 28 So bur då Israel
trygt, og Jakobs-ætti åleine, i eit land fullt av druvor
og korn, og doggi dryp frå hans himmel! 29 Å, Israel,
kor du er sæl! Kven er vel som du? - eit folk som hev
Herren til frelsar, din verjande skjold og ditt velduge
sverd! Sjå, fiendarne smeikjer for deg, med du yver
høgderne deira skrid fram!»

**34** So gjekk Moses frå Moabmoarne upp på Nebo,
som er den høgste tinden på Pisgafjellet, og
ligg midt for Jeriko, og Herren synte honom heile
landet: Gilead alt til Dan, 2 og heile Naftali og
Efraims- og Manasselandet, og heile Judalandet radt til
Vesterhavet, 3 og Sudlandet og Jordan-kverven, dalen
kring Jeriko, som dei kallar Palmebyen, alt til Soar; 4
Og Herren sagde til honom: «Dette er det landet eg
lova Abraham og Isak og Jakob at eg vilde gjeva ætti
deira. No hev du set det for augo dine, men sjølv skal
ikkje få koma dit.» 5 So døydde Moses, Herrens tenar,
der i Moablandet, som Herren hadde sagt. 6 Han jorda
honom i dalen midt for Bet-Peor, i Moablandet, og
ingen hev til denne dag visst um gravi hans. 7 Moses
var hundrad og tjuge år gamall då han døydde; men
endå hadde han ikkje dimst på syni eller veikna i åndi.
8 Israels-sønerne gret yver honom på Moabmoarne i
tretti dagar; då fyrst var det ende på syrgjehøgtidi. 9
Moses hadde lagt henderne på Josva, son åt Nun,
so han og var full av visdomsånd, og Israels-sønerne
lydde honom, og gjorde som Herren hadde sagt med
Moses. 10 Men aldri sidan steig det fram i Israel ein
profet som Moses, som var so vel kjend med Herren at
dei talast ved andlit til andlit. 11 Kom i hug alle dei teikn
og under Herren sette honom til å gjera i Egyptarland
med Farao og alle mennarne og heile landet hans, 12
og kom i hug alle dei store verk og agelege gjerningar
han gjorde for augo åt heile Israel!

# Josvas

**1** Då Moses, Herrens tenar, var slokna, då tala Herren
soleis til Josva Nunsson, fylgjesveinen hans: **2**
«Moses, tenaren min, er slokna. Gjer deg no reidug og
far med alt dette folket yver Jordanåi til det landet som
eg vil gjeva Israels-sønerne! **3** Kvar staden de set foten
på, gjev eg dykk, soleis som eg sagde med Moses: **4**
Frå øydemarki og Libanon der nord til Storelvi, Eufrat,
yver heile Hetitarlandet, alt til det store havet der soli
glader, skal riket dykkar nå. **5** I alle dine livedagar,
skal ingen vera mann til å standa seg mot deg. Eg
skal vera med deg, liksom eg var med Moses; aldri
skal eg sleppa deg og aldri forlata deg. **6** Ver sterk
og stød! For du skal hjelpa dette folket til å vinna det
landet som eg lova federne deira å gjeva deim. **7** Ver
du berre retteleg sterk og stød, so du aldri gløymar
å halda deg etter heile den lovi som Moses, tenaren
min, lærde deg! Vik ikkje av ifrå den, korkje til høgre
eller vinstre! Då kjem du til å stella deg visleg i all di
ferd. **8** Hav allstødt denne lovi på tunga, og grunna på
henne natt og dag, so du kjem i hug å liva etter alt det
som der stend skrive! Då skal du hava lukka med deg
på vegarne dine; for då fer du visleg fram. **9** Du veit
eg hev sagt deg at du skal vera sterk og stød, ikkje
ræddast og ikkje fæla; for Herren, din Gud, er med
deg, kvar du fær.» **10** Då tala Josva til formennerne for
lyden og sagde: **11** «Gakk kring i lægret og seg so til
folket: «No lyt de laga til ferdakost åt dykk: for um tri
dagar skal de fara yver Jordan, so de kann koma inn
og eigna til dykk det landet som Herren, dykkar Gud,
vil gjeva dykk!»» **12** Og til rubenitarne og gaditarne og
helvti av Manasse-ætti tala han so: **13** «Kom i hug kva
Moses, Herrens tenar, sette dykk fyre då han sagde:
«Herren, dykkar Gud, vil at de skal koma til ro; difor
gjev han dykk dette landet.» **14** No skal konorne og
borni dykkar og bufeet verta verande i det landet som
Moses gav dykk austanfor Jordan; men sjølve lyt de,
so mange av dykk som er fullgode stridsmenner, fara
herbudde fyre brørne dykkar og hjelpa deim, **15** til
dess Herren let deim og koma til ro liksom de, og dei
hev eigna til seg det landet som Herren, dykkar Gud,
vil gjeva deim; då skal de fara heim att og busetja dykk
i dykkar eige land, det som Moses, Herrens tenar,
gav dykk her på austsida av Jordan.» **16** Då svara
dei Josva so: «Alt du hev sagt til oss, skal me gjera,
og kvar du sender oss, skal me ganga. **17** Liksom
me lydde Moses i alle ting, soleis vil me og lyda deg,
berre Herren, din Gud, er med deg, som han var med
Moses. **18** Den som set seg upp imot bodi dine og
ikkje lyder deg i alt du segjer han fyre, han skal døy.
Ver du berre sterk og stød!»

**2** Josva Nunsson sende i løynd tvo spæjarar ut frå
Sittim, og sagde til deim: «Tak av stad, og sjå dykk
um i landet, helst i Jeriko!» So for dei i veg, og då dei
kom fram, gjekk dei inn til ei skjøkja som heitte Rahab,
og der fekk dei hus. **2** Då vart det sagt kongen i Jeriko
at nokre israelitiske menner var komne der um kvelden
og vilde spæja ut landet. **3** So sende kongen bod til
Rahab, og sagde: «Kom fram med dei mennerne som
er komne til deg, og som du hev lånt hus! Dei vil spæja
ut heile landet; det er det dei er komne for.» **4** Men
kvinna tok og løynde båe mennerne, og so sagde ho:
«Ja, det er fulla so at det kom nokre menner til meg,
men eg visste ikkje kvar dei var ifrå; **5** og i skumingi,
då porten skulde stengjast, tok dei ut att; eg veit ikkje
kvar dei for av. Nøyt dykk og set etter deim, so tek
de deim nok att!» **6** Dette sagde ho; men ho hadde
sjølv fylgt deim upp på taket, og løynt deim under
noko lin som ho hadde breidt utyver der. **7** So tok
kongsmennerne ut, og sette etter deim på vegen til
Jordan, burtåt vadi; og porten vart stengd med same
dei var farne. **8** Fyrr ferdamennerne hadde lagt seg til
å sova, kom Rahab upp på taket **9** og sagde til deim:
«Eg veit at Herren hev gjeve dykk dette landet. For
dykkar skuld hev det kome ein otte yver oss, og alle
som bur her i landet, er so rædde dykk at dei skjelv. **10**
For me hev fenge spurt at Herren turka ut Sevhavet
framfyre dykk då de for frå Egyptarland, og me hev
høyrt kva de gjorde med båe amoritarkongarne på hi
sida Jordan, Sihon og Og, dei som de bannstøytte. **11**
Då me høyrde det, kolna me all igjenom, so rædde
vart me, og no finst det ingen meir som hev hug til å
møta dykk; for Herren, dykkar Gud, han er Gud både
uppi himmelen og nedpå jordi. **12** So sver meg no ved
Herren, at sidan eg hev gjort vel imot dykk, so skal de
gjera vel mot folket mitt, og gjev med trygd for **13** at de
vil spara foreldri og syskini mine og alt husfolket deira,
og berga livet vårt!» **14** Då sagde mennerne: «Med
vårt eige liv skal me svara for livet dykkar, so sant
de ikkje let nokon få vita kva ærend me fer i; og når
Herren gjev oss dette landet, so skal me vera trugne
og gjera vel mot deg.» **15** So fira ho deim med eit reip
ned frå vindauga; for ho budde attmed bymuren, og
huset hennar gjekk i eitt med muren. **16** Og ho sagde
til deim: «Far no til fjells, so de ikkje møter deim som
leitar etter dykk, og haldt dykk løynde der i tri dagar,
til dei kjem att; sidan kann de fara kvar de vil.» **17**
Då sagde mennerne til henne: «Gjer du ikkje som me
no segjer, so held me oss for løyste frå den eiden du
let oss sverja: **18** Når me kjem inn i landet, skal du
binda denne raude snori i vindauga som du fira oss
ned frå, og so skal du samla foreldri og brørne dine og
alt skyldfolket ditt i huset hjå deg. **19** Gjeng då nokon

ut or husdøri di, so er det hans eigi skuld um han vert
drepen, og me er skuldlause; men vert det lagt hand
på nokon av deim som er i huset hjå deg, so skal
me svara for livet hans. 20 Og talar du til nokon um
ærendi vår, so er me og løyste frå den eiden du tok av
oss.» 21 «Det skal vera som de segjer, » svara ho. So
bad ho farvel med deim, og dei gjekk. Sidan batt ho
den raude snori i vindauga. 22 Dei gjekk til dei kom
upp i fjellet; der heldt dei seg i tri dagar, til dei som
hadde sett etter deim, var attkomne; dei hadde leita
etter heile vegen, men ingen funne. 23 So tok dei tvo
ferdamennerne på heimvegen og gjekk ned frå fjellet,
og sette yver elvi, og kom til Josva Nunsson, og sagde
frå um alt det som hadde hendt deim. 24 «Herren hev
gjeve heile landet i våre hender, » sagde dei til Josva,
«og alle som bur der, er so rædde oss at dei skjelv.»

**3** Morgonen etter reis Josva tidleg upp, og tok ut frå
Sittim med alle Israels-folket; og dei kom til Jordan,
og var der um natti, fyrr dei gjekk yver. 2 For då tri
dagar var lidne, gjekk formennerne kring i lægret 3
og tala soleis til folket: «Når de ser sambandskista åt
Herren dykkar Gud, og Levi-prestarne som ber henne,
so skal de fara av stad, og fylgja etter henne, 4 so de
kann vita kva leid de skal taka; for den vegen hev de
ikkje fare fyrr. Men det lyt vera eit godt stykke millom
dykk og sambandskista, tvo tusund alner på lag; kom
henne ikkje for nær!» 5 So sagde Josva til folket:
«Helga dykk no! for i morgon vil Herren gjera underfulle
ting imillom dykk.» 6 Og til prestarne sagde han: «Tak
sambandskista og far fram fyre folket!» So tok dei
sambandskista og gjekk fyre folket. 7 Og Herren sagde
til Josva: «I dag vil eg taka til og gjera deg stor framfor
augo åt heile Israel, so dei skal sjå at eg er med deg,
liksom eg var med Moses. 8 Seg no du so til prestarne
som ber sambands: «Når de kjem heilt nedåt Jordan,
skal de verta standande der, nedmed åi!»» 9 Då sagde
Josva til Israels-sønerne: «Kom og høyr ordi frå Herren,
dykkar Gud! 10 Dette», sagde Josva, «skal de hava til
merke på at den livande Gud er midt imillom dykk, og
at han skal driva burt for dykk både kananitarne og
hetitarne og hevitarne og perizitarne og girgasitarne og
amoritarne og jebusitarne: 11 Sambandskista åt honom
som råder yver all jordi, skal fara fyre dykk ut i Jordan.
12 Vel no ut tolv menner av Israels-ætterne, ein for
kvar ætt! 13 Og når prestarne som ber sambandskista
åt Herren som råder yver all jordi, når dei stig med
foten ut i Jordan, då skal Jordanvatnet - det som kjem
ovantil - demmast upp, so det stend som ein vegg.» 14
So tok folket ut frå tjeldbuderne sine og skulde ganga
yver Jordan, og prestarne som bar sambandskista,
gjekk fyre deim; 15 og då desse same prestarne som
bar sambandskista, var komne til Jordan og so vidt
hadde duppa foten i elvevatnet - men Jordan gjeng
heile våren i bakkefylla - 16 då stana det vatnet som
kom ovantil, og stod som ein vegg alt uppmed Adam,
den byen som ligg jamsides med Saretan, og det
som rann nedetter til Moavatnet, eller Saltsjøen, vart
reint burte. So gjekk folket yver åi midt for Jeriko. 17
Men prestarne som bar sambandskista åt Herren, vart
standande på turre botnen midt i Jordan, medan alle
israelitarne gjekk turrskodde yver åi, til heile folket var
kome vel yver.

**4** Då alt folket var kome vel yver Jordan, då tala
Herren soleis til Josva: 2 «Vel dykk ut tolv menner
av folket, ein or kvar ætt, 3 og seg til deim at dei
skal taka upp tolv steinar av deim som ligg her midt i
Jordan, på den staden der prestarne stend stille; desse
steinarne skal dei bera med seg yver, og leggja deim
ned der som de kjem til å lægra dykk i natt.» 4 Då
kalla Josva til seg dei tolv mennerne som han hadde
kåra ut millom Israels-sønerne, ein or kvar ætt, 5 og
sagde til deim: «Far framfyre sambandskista åt Herren
dykkar Gud, til de kjem midt ut i Jordan! Der skal de
taka kvar sin stein upp på herdi, etter talet på Israels-
ætterne. 6 Dei steinarne skal vera til eit minnesmerke
hjå dykk. Når borni dykkar ein gong spør: «Kva tyder
det at desse steinarne stend her?» 7 då skal de svara:
«Jordanvatnet kvarv burt framfyre sambandskista åt
Herren; då ho for ut i Jordan, vart vatnet burte; og
desse steinarne skal for Israels-sønerne vera til eit
ævelegt minne um dette.»» 8 Israels-sønerne gjorde
som Josva sagde, og tok midt uti Jordan tolv steinar,
etter talet på Israels-ætterne, soleis som Herren hadde
sagt til Josva, og bar deim med seg yver til nattlægret
og lagde deim ned der. 9 Og midt i Jordan, der dei
prestarne som bar sambandskista stod, reiste Josva
upp tolv andre steinar; dei hev stade der til denne dag.
10 Prestarne som bar sambandskista, vart standande
midt i Jordan, til det var gjort alt det som Herren
hadde sagt med Josva at han skulde tala til folket um,
etter alle dei fyresegnerne som Moses hadde gjeve
Josva. Og folket skunda seg yver. 11 Då no alt folket
var kome vel fram, for Herrens sambandskista og
prestarne og yver, og tok att romet sitt framanfor folket.
12 Og Rubens-sønerne og Gads-sønerne og helvti
av Manasse-ætti for fullvæpna fyre dei andre Israels-
sønerne, soleis som Moses hadde sagt til deim; 13
dei var um lag fyrti tusund herbudde menner som for
Herrens åsyn drog fram til strid på Jerikomoarne. 14
Den dagen gjorde Herren Josva stor framfor augo åt
heile Israel, og sidan bar dei age for honom so lenge
han livde, liksom dei hadde bore age for Moses. 15 So
sagde Herren til Josva: 16 «Seg til prestarne som ber
lovtavlekista at dei skal stiga upp or Jordan!» 17 Og

Josva sagde til prestarne: «Stig upp or Jordan!» 18 Og
med same prestarne som bar Herrens sambandskista,
steig upp or Jordan og so vidt hadde sett foten på turre
strandi, då kom åi veltande att i faret sitt, og gjekk i
bakkefylla som fyrr. 19 Det var tiande dagen i den
fyrste månaden at folket steig upp or Jordan. Dei lægra
seg attmed Gilgal, lengst aust i Jerikobygdi. 20 Og der
reiste Josva dei tolv steinarne som dei hadde teke med
seg frå Jordan. 21 Og han sagde til Israels-sønerne:
«Når borni dykkar ein gong spør federne sine: «Kva
er dette for steinar?» 22 so skal de segja deim det:
«Israels-folket gjekk turrskodde yver Jordan her, » skal
de segja, 23 «av di Herren, dykkar Gud, turka ut åi
framfyre dykk, medan de gjekk yver, liksom han turka
ut Sevhavet for oss då me for yver det, 24 so alle
folkeslag på jordi skulde sjå at Herrens hand er sterk,
og de alle dagar skulde ottast Herren, dykkar Gud.»»

**5** Alle amoritarkongarne vestanfor Jordan og alle
kananitarkongarne utmed havet vart so rædde at
dei reint vilde uvita då det spurdest at Herren hadde
turka ut Jordan for Israels-folket medan dei for yver, og
dei hadde ingen hug meir til å taka att med Israels-
sønerne. 2 I det same bilet sagde Herren til Josva:
«Gjer deg steinknivar og umskjer Israels-sønerne
att!» 3 So gjorde Josva seg steinknivar og umskar
Israels-sønerne på ein haug som sidan vert kalla
Huvudhaugen. 4 Men at Josva laut umskjera deim,
det hadde seg so: Alt folket som for frå Egyptarland,
alle karar, alle våpnføre menner, hadde døytt burt i
øydemarki på vegen frå Egyptarland. 5 No var alle dei
som for frå Egyptarland umskorne, men av deim som
vart fødde på ferdi i øydemarki, var ingen umskoren. 6
For i fyrti år laut Israels-sønerne ferdast i øydemarki, til
dess heile folket, alle våpnføre menner som for frå
Egyptarland, var daude og burte; dei vilde ikkje lyda
Herrens ord, difor svor han deim til at dei ikkje skulde
få sjå det landet han hadde lova federne deira å gjeva
oss, eit land som fløymer med mjølk og honning. 7
Men i staden for deim let han borni deira veksa upp;
deim var det Josva umskar; for dei gjekk endå med
huvehold, av di dei ikkje hadde vorte umskorne på
ferdi. 8 Då dette var frå seg gjort, og heile folket var
umskore, heldt dei seg i ro i lægret til såri hadde batna.
9 Og Herren sagde til Josva: «I dag hev eg velt av dykk
egyptarskammi.» Sidan hev den staden vore kalla
Gilgal alt til denne dag. 10 Medan Israels-sønerne låg i
læger attmed Gilgal, heldt dei påske på Jerikomoarne
den fjortande dagen i månaden, um kvelden. 11 Og
dagen etter påske åt dei av landsens grøda; usyrt brød
og steikte aks åt dei den dagen. 12 Same dagen traut
manna; for no åt Israels-folket av landsens grøda, og
sidan fekk dei ikkje meir manna, men tok same året til
å eta av det som var avla i Kana'ans-landet. 13 Då
Josva var innmed Jeriko, hende det honom noko: Best
som han lyfte upp augo, vart han var ein mann som
stod beint framfyre honom med eit drege sverd i handi.
Då gjekk Josva burt til mannen og sagde: «Er du av
våre folk, eller høyrer du til fienden?» 14 «Nei», svara
han, «eg er hovdingen yver Herrens her. No er eg
komen.» Josva fall på kne og bøygde seg til jordi og
sagde: «Kva hev herren min å segja tenaren sin?» 15
Då svara hovdingen yver Herrens her: «Drag skoen av
foten din! for den staden du stend på, er heilag.» Og
Josva gjorde so.

**6** I Jeriko læste dei portarne og stengde seg inne for
Israels-sønerne skuld; ingen gjekk ut, og ingen kom
inn. 2 Men Herren sagde til Josva: «Sjå no gjev eg
Jeriko i dine hender, med kongen og kjemporne hans!
3 Lat alt herfolket ganga rundt ikring byen ei venda um
dagen; so skal du gjera i seks dagar; 4 og sju prestar
skal bera sju stridslurar framfyre sambandskista. Men
den sjuande dagen skal de ganga sju vendor kring
byen, og prestarne skal blåsa i lurarne. 5 Og når
stridshornet tek til å ljoma med lange tonar, og de
høyrer lurljoden, skal heile heren setja i og ropa so
sterkt dei kann; då skal muren ramla ned, so folket
kann stiga yver han, beint inn i byen.» 6 Då kalla Josva
Nunsson på prestarne og sagde til deim: «No skal de
taka sambandskista og bera henne, og sju prestar skal
bera sju stridslurar framfyre Herrens kista.» 7 Og til
folket sagde han: «Tak no i veg og gakk kringum byen!
Dei herbudde skal ganga framfyre Herrens kista!» 8 Då
Josva hadde sagt dette til folket, gjekk dei i vegen dei
sju prestarne som bar dei sju stridslurarne for Herrens
åsyn; dei bles i lurarne, og Herrens sambandskista
fylgde etter deim. 9 Dei herbudde gjekk fyre prestarne
som bles i lurarne, og dei som var attarst i ferdi, gjekk
etter sambandskista, og lurarne ljoma i eino. 10 Men
Josva sagde til folket: «De må ikkje ropa, og ikkje lata
upp målet! Ikkje eit ord må koma frå munnen dykkar,
fyrr den dagen eg segjer til dykk: «Ropa no!» Då skal
de ropa.» 11 So for Herrens kista heilt ikring byen ei
venda; sidan drog dei inn i lægret og var der um natti.
12 Morgonen etter var Josva tidleg uppe, og prestarne
tok og bar Herrens kista. 13 Og dei sju prestarne bar
dei sju stridslurarne framfyre Herrens kista og bles
alt i eitt i lurarne. Dei herbudde gjekk fyre deim, og
dei som attarst var, gjekk etter Herrens kista, medan
lurarne ljoma i eino. 14 Soleis for dei den andre dagen
ei venda kring byen og gjekk so attende til lægret. So
gjorde dei i seks dagar. 15 Den sjuande dagen reis dei
upp med same det tok til å dagast, og gjekk sju vendor
kring byen; dei for like eins åt som fyrr, berre at dei den
dagen gjekk sju vendor kring byen. 16 Då no prestarne

bles i lurarne den sjuande gongen, då sagde Josva til
folket: «Ropa no! For Herren hev gjeve dykk byen. 17
Og byen med alt det som i honom er, skal vera vigd til
Herren og bannstøytt. Berre Rahab, skjøkja, og alle
som er i huset hjå henne, skal få liva, for di ho løynde
dei mennerne me sende ut. 18 Agta no de dykk berre
for det som er vigt, so de ikkje fyrst vigjer og sidan
tek av det vigde, og soleis fører forbanning og ulukka
yver Israels-lægret. 19 Men alt sylvet og gullet og alle
ting som er av kopar eller jarn, skal helgast til Herren
og koma i Herrens skattkammer.» 20 So tok folket
til å ropa, og dei bles i lurarne; og då folket høyrde
lurljoden, sette dei i med eit øgjeleg herskrik; då ramla
muren ned, og folket steig beint inn i byen, og då dei
hadde teke honom, 21 bannstøytte dei alt som fanst
der; både menner og kvinnor, både unge og gamle,
både uksar og sauer og asen hogg dei ned. 22 Men
Josva sagde til dei tvo mennerne som hadde njosna
der i landet: «Gakk inn i huset åt skjøkja og få med
dykk ut både kvinna sjølv og alt folket hennar, soleis
som de hev lova henne!» 23 So gjekk dei inn, dei
unge mennerne som hadde vore der og njosna, og
dei henta Rahab og foreldri og brørne hennar og alle
andre som høyrde til ætti: alt skyldfolket hennar henta
dei ut og fann deim ein verestad utanfor Israels-lægret.
24 Byen brende dei upp med alt som i honom var; men
sylvet og gullet og alle ting som var av kopar eller jarn,
lagde dei ned i skattkammeret i Herrens hus. 25 Josva
let Rahab, skjøkja, få liva, og heile huslyden og alt
skyldfolket hennar, og sidan hev ho og ætti hennar
fenge bu millom Israels-folket alt til denne dag, for di
ho løynde dei mennerne som Josva hadde sendt av
stad til å njosna i Jeriko. 26 Den gongen lyste Josva ei
våbøn, og kvad: «Til vå og våde vere vigd den mannen
som vågar byggja upp av nyom byen Jeriko! Når han
hev tufta, tape han den fyrste sonen, som han fekk!
Og når han set inn portarne, misse han yngste sonen
sin!» 27 Soleis var Herren med Josva, og det gjekk
gjetord um honom yver heile landet.

**7** Men Israels-sønerne for ikkje ærleg åt med det
som var vigt til Herren. Akan, son åt Karmi, som
var son åt Zabdi og soneson åt Zerah av Juda-ætti,
tok noko av det vigde. Då vart Herren brennande harm
på Israels-sønerne. 2 Frå Jeriko sende Josva nokre
menner til Aj, som ligg tett innmed Bet-Aven, austanfor
Betel, og sagde til deim: «Far upp og njosna i landet!»
So for mennerne upp og njosna i Aj. 3 Og då dei kom
attende til Josva, sagde dei med honom: «Lat ikkje alt
folket fara der upp! Send tvo, tri tusund mann, so tek
dei Aj! Du treng ikkje umaka heile heren dit; for dei
er ikkje mange.» 4 So for um lag tri tusund mann av
heren der upp; men dei rømde for Aj-mennerne, 5 og
Aj-mennerne slo i hel um lag seks og tretti av deim, og
sette so etter deim frå porten til steinbrotet, og hogg
deim ned i bakkarne. Då kolna Israels-sønerne all
igjenom, og vart som dei var numne. 6 Og Josva reiv
sund klædi sine og låg på kne framfor Herrens kista alt
til kvelds, både han og styresmennerne i Israel, og
dei strådde mold på hovudi sine. 7 Og Josva sagde:
«Herre, min Gud, kvi førde du dette folket yver Jordan,
når du vilde gjeva oss i henderne på amoritarne, so dei
skulde tyna oss? Gjev me heller hadde vorte buande
på hi sida Jordan! 8 Å kjære Herre min, kva skal eg
segja no, når Israel hev snutt ryggen til fienden? 9 Når
kananitarne og alle andre som bur her i landet, fær
høyra dette, so kjem dei til å kringsetja oss og rydja
namnet vårt ut or verdi, og kva vil du då gjera med ditt
store namn?» 10 Då sagde Herren til Josva: «Statt
upp! Kvi ligg du her på kne? 11 Israel hev synda! Dei
hev brote det bodet eg lagde på deim, og teke av det
som var vigt, og stole det og dult det burt, og gøymt
det millom sine eigne ting. 12 No kann dei ikkje Israels-
sønerne standa seg mot fienden, men lyt snu ryggen
til deim; for dei er sjølve vigde til ulukka. Kvittar de
dykk ikkje med det som er vigt, so vil eg ikkje vera
med dykk lenger. 13 Statt no upp! Lat folket helga seg,
og seg til deim: «Helga dykk til morgons! For so segjer
Herren, Israels Gud: Det er noko vigt hjå deg, Israel!
Du kann ikkje standa deg mot fiendarne fyrr de kvittar
dykk med det som er vigt. 14 Tidleg i morgon skal de
stiga fram, ætt for ætt, og den ætti som Herren tek ut,
skal stiga fram grein for grein, og den ættgreini Herren
tek ut, skal stiga fram, hus for hus, og den huslyden
Herren tek ut, skal stiga fram mann for mann. 15 Og
den som det vigde vert funne hjå, skal brennast med
alt sitt, for di han braut Herrens bod, og gjorde eit
skjemdarverk i Israel.»» 16 Morgonen etter reis Josva
tidleg upp, og let Israels-folket stiga fram, ætt for ætt;
og Juda-ætti vart utteki. 17 So let han ættgreinene i
Juda stiga fram, og zerahit-greini vart utteki. So let
han zerahit-greini stiga fram, mann for mann, og Zabdi
vart utteken. 18 So let han huslyden hans stiga fram
mann for mann, og Akan, son åt Karmi, som var son åt
Zabdi og soneson åt Zerah av Juda-ætti, vart utteken.
19 Då sagde Josva til Akan: «Min son, gjev Herren,
Israels Gud, æra og pris, og seg meg kva du hev gjort!
dyl ingen ting for meg!» 20 «Å ja, ja, eg hev synda
mot Herren, Israels Gud, » svara Akan; «no skal eg
segja kva eg hev gjort: 21 Eg såg millom herfanget
ei ven babylonsk kåpa og tvo hundrad sekel sylv og
ei gullstong på femti lodd; dette fekk eg hug på og
tok det; det ligg nedgrave under tjeldbudi mi; sylvet
ligg underst.» 22 So sende Josva nokre menner av

stad; dei sprang burt til tjeldbudi hans, og der fann
dei det; det låg nedgrave i tjeldbudi, og sylvet låg
underst. 23 Dei tok det ut or tjeldbudi og bar det med
seg til Josva og Israels-lyden og lagde det ned framfor
Herrens åsyn. 24 Og Josva og heile Israel tok Akan,
zerahiten, og sylvet og kåpa og gullstongi, og sønerne
og døtterne hans, og ukserne og asni og småfeet og
tjeldbudi hans og alt det han åtte, og førde det upp i
Akordalen. 25 Og Josva sagde til honom: «Kvi førde
du slik ulukka yver oss? I dag skal Herren føra ulukka
yver deg!» So tok heile Israel og steina honom i hel
og brende og steina alt som høyrde honom til. 26
Sidan kasta dei i hop ei stor steinrøys yver honom;
den hev lege der alt til denne dag. Då døyvde Herren
den brennande harmen sin. Men sidan vart den staden
kalla Akordalen, og det namnet hev han den dag i dag.

**8** So sagde Herren til Josva: «Ottast ikkje og ver
ikkje rædd! Tak med deg alt stridsfolket, og gjer deg
reidug og far upp mot Aj! For no vil eg gjeva Aj-kongen
i dine hender, og folket og byen og landet hans, 2 og
du skal fara like eins med Aj og kongen der som du for
med Jeriko og den kongen; men herfanget og bufeet,
det kann de eigna til dykk. Lat nokre av folki dine leggja
seg i løynlega attanfor byen!» 3 Då gjorde Josva seg
reidug til å fara upp mot Aj med heile heren. Han valde
ut tretti tusund mann, djerve karar; dei sende han av
stad um natti, 4 og sagde til deim: «Høyr her: no skal
de leggja dykk i løynlega attanfor byen, ikkje svært
langt ifrå honom, og halda dykk reiduge alle saman. 5
Men eg og alt folket som er med meg, me vil ganga
tett innåt byen, og når dei fer ut imot oss, som dei
gjorde fyrre gongen, so skal me låst røma for deim.
6 Då kjem dei til å setja etter oss, til me hev fenge
lokka deim burt ifrå byen; for dei tenkjer med seg: «Dei
rømer for oss no som fyrr!» Men medan me rømer, 7
skal de koma fram or løynlega og taka byen; for no vil
Herren dykkar Gud gjeva honom i henderne dykkar. 8
Og når de hev teke byen, skal de setja eld på honom;
de skal gjera etter Herrens ord! No hev de høyrt kva
det er de skal gjera.» 9 So sende Josva dei i veg, og
dei gjekk av og fann seg ein løynstad, og der lagde
dei seg til; det var millom Betel og Aj, vestanfor Aj.
Men sjølv var Josva hjå folket den natti. 10 Morgonen
etter reis Josva tidleg upp og mynstra heren, og for
so saman med styresmennerne i Israel fyre heren
upp til Aj; 11 og alt stridsfolket som var med honom,
tok i vegen, og gjekk fram til dei kom midt for Aj; der
lægra dei seg, nordanfor byen, so dalen var millom
den og deim. 12 So tok Josva um lag fem tusund mann
og let deim leggja seg i løynlega millom Betel og Aj,
vestanfor Aj. 13 Og då dei hadde fylkt heren, både den
som lægra nordanfor byen, og den attare flokken, som
låg vestanfor, for Josva same natti midt ned i dalen.
14 Då kongen i Aj såg det, skunda han seg ut tidleg
um morgonen, både han og bymennerne, alt herfolket
hans, og vilde møta israelitarne og stridast med deim
på den staden dei hadde avtala, framanfor moen; men
han visste ikkje at det låg so mykje folk og lurde på
honom attanfor byen. 15 Og Josva og heile Israel lest
tapa for deim og rømde burtimot øydemarki. 16 Då
vart alt folket i byen utbode til å setja etter deim, og
medan dei sette etter Josva, kom dei lenger og lenger
burt ifrå byen; 17 det fanst ikkje ein mann, korkje i
Aj eller Betel, utan han drog ut etter israelitarne: dei
let byen liggja open, og elte Israels-sønerne. 18 Då
sagde Herren til Josva: «Rett spjotet som du held i
handi, ut imot Aj; for eg vil gjeva byen i dine hender!»
So rette Josva spjotet sitt ut imot byen. 19 Og med
same han rette ut handi, sprang dei fram, dei som
låg løynde, og for inn i byen, og tok honom, og dei
sette eld på honom det snøggaste dei vann. 20 Best
som no Aj-mennerne snudde seg og skoda attende,
vart dei vare røyken som steig til vers ifrå byen; då
såg dei seg ingi råd til å koma undan, korkje til ei
sida eller onnor, av di den heren som hadde rømt åt
øydemarki, den vende seg no um imot fienden. 21 For
då Josva og israelitarne såg at dei frå løynlega hadde
teke byen, og såg røyken stiga upp, då snudde dei um,
og sette på Aj-mennerne; 22 og dei hine for til møtes
med dei frå byen, so Aj-mennerne kom midt imillom
israelitarne og fekk dei kring seg på alle sidor. Soleis
vart dei nedhogne til siste mann; ingen vart att eller
slapp undan 23 so nær som kongen; honom tok dei
livande, og førde honom til Josva. 24 Då Israel hadde
gjort det av med alle dei Aj-buarne som hadde sett
etter deim ut i øydemarki, og fiendarne alle som ein
var falne for sverdet, so vende dei att til Aj, og hogg
ned alle som var der. 25 Den dagen fall det i alt tolv
tusund menner og kvinnor, alt folket som åtte heime i
Aj. 26 Josva tok ikkje til seg att handi som han heldt
spjotet i, fyrr han hadde bannstøytt alle Aj-buarne. 27
Men bufeet og herfanget som israelitarne tok der i
byen, eigna dei til seg, etter det som Herren hadde
sagt med Josva. 28 Josva brende upp byen, og gjorde
honom for alle tider til ein grushaug og ein øydestad,
so som han hev vore til denne dag. 29 Kongen hengde
han upp på eit tre, og der vart han hangande til kvelds;
men då soli gladde, let han deim taka liket ned frå
treet; so kasta dei det der, utfor byporten, og hauga i
hop ei stor steinrøys yver det; den hev lege der alt
til denne dag. 30 Den gongen bygde Josva eit altar
for Herren, Israels Gud, på Ebalfjellet, 31 soleis som
Moses, Herrens tenar, hadde sagt Israels-borni fyre,
etter det som stend skrive i lovboki åt Moses, eit altar

av heile steinar, som det ikkje hadde vore svinga
jarn på; der ofra dei brennoffer til Herren og bar fram
takkoffer. 32 Og på steinarne sette han ei avskrift av
den lovi som Moses hadde skrive for augo åt Israels-
sønerne. 33 Og heile Israel, både sjølve folket og dei
framande, med styresmennerne og formennerne og
domarane sine, stod på båe sidor av sambandskista,
midt imot Levi-prestarne som bar Herrens kista, den
eine helvti uppunder Garizimfjellet og den andre helvti
uppunder Ebalfjellet, soleis som Moses, Herrens tenar,
hadde sagt at Israels-sønerne skulde standa når dei
fekk velsigningi. 34 So las han upp alle ordi i lovi, både
velsigningi og våbøni, heiltupp soleis som det stend
skrive i lovboki. 35 Det fanst ikkje eit ord av alt det
Moses hadde sagt fyre, utan Josva las det upp for
heile Israels-lyden med både kvinnor og born, og for
dei framande som fylgdest med deim.

**9** Då dette spurdest kom dei i hop alle kongarne
som budde vestanfor Jordan, i fjellbygderne og på
flatlandet og langsetter heile havstrandi til midt for
Libanon - kongarne yver hetitarne og amoritarne og
kananitarne og perizitarne og hevitarne og jebusitarne
- 2 og dei lova alle med ein munn at dei vilde strida
mot Josva og Israel. 3 Gibeon-buarne fekk og høyra
kva Josva hadde gjort med Jeriko og Aj. 4 Då fann
dei på ei sløg råd: dei tok ut på ei ferd og lest vera
sendemenner; det dei førde med seg på asni sine,
hadde dei i gamle sekkjer og gamle vinhitar, som var
rivna og ihopatt-knytte. 5 Dei hadde gamle, lappa
skor på føterne, og gjekk med slitne klæde; og alt
nistebrødet deira var turt og smuldra. 6 Soleis kom dei
til Josva i lægret attmed Gilgal, og sagde til honom
og Israels-mennerne: «Me kjem frå eit land som ligg
langt burte. Vil de ikkje gjera samband med oss?» 7
Men Israels-mennerne sagde til hevitarne: «De bur vel
helst her tett innmed oss; korleis kann me då gjera
samband med dykk?» 8 Då sagde dei til Josva: «Me
vil vera tenarane dine.» «Kven er de, og kvar kjem
de frå?» spurde han. 9 «Me er komne langt, langt
burtantil frå eit anna land for det ordet skuld som gjeng
um Herren din Gud», svara dei; «for då me høyrde
gjete honom og fekk spurt alt det han hadde gjort
i Egyptarland, 10 og kva han hadde gjort med båe
amoritarkongarne på hi sida Jordan, Sihon, kongen i
Hesbon, og Og, Basan-kongen, som budde i Astarot,
11 då sagde styresmennerne våre og heile landslyden
til oss: «Nista dykk ut, og far til møtes med deim, og
seg til deim: «Me vil vera tenarane dykkar; vil de ikkje
gjera samband med oss?»» 12 Her ser de brødet vårt;
det var varmt då me tok det med oss heimantil den
dagen me for i veg og vilde finna dykk; men sjå no kor
turt og smuldra det er! 13 Og her ser de vinhitarne; då
me fyllte deim, var dei nye; men no er dei sundsprukne!
Og her ser de klædi og skorne våre; dei hev vorte
utslitne på denne endelause ferdi.» 14 Då tok Israels-
mennerne og smaka på nista deira, men spurde ikkje
Herren til råds. 15 Og Josva gjorde fred og samband
med deim, og lova deim livet, og hovdingarne yver
lyden gjorde eiden på det same. 16 Men tri dagar
etter dei hadde gjort samband med Gibeon-folket, fekk
dei vita at dei åtte heime i grannelaget og budde tett
innmed deim. 17 For då Israels-sønerne tok ut att, kom
dei tridje dagen til byarne deira; det var Gibeon og
Ketira og Be'erot og Kirjat-Jearim. 18 Men dei gjorde
ikkje folket der noko mein, av di hovdingarne hadde
svore dei trygd ved Herren, Israels Gud. Då mukka
heile lyden mot hovdingarne. 19 Men hovdingarne tala
til lyden, og sagde: «Me hev svore dette folket trygd
ved Herren, Israels Gud, og no kann me ikkje leggja
hand på deim. 20 Høyr no kva me vil gjera med deim:
Me vil spara livet deira, og ikkje brjota den eiden me
svor deim; for då kallar me Guds vreide ned yver oss.
21 Dei lyt få liva, » sagde hovdingarne, «men dei skal
vera vedhoggarar og vatsberarar for heile lyden.» Og
det vart som hovdingarne sagde. 22 Og Josva kalla
Gibeon-buarne fyre seg, og sagde til deim: «Kvi narra
de oss og sagde at de åtte heime langt burte, og so
bur de tett innmed oss! 23 No skal de vera forbanna!
Ingen av dykk skal få sleppa utor trældomen; de skal
allstødt hogga ved og bera vatn til huset åt min Gud.»
24 Då svara dei Josva so: «Det vart sagt oss for visst
at Herren, din Gud, hadde lova Moses, tenaren sin, å
gjeva dykk heile landet og rydja ut for dykk alle som
budde der; då vart me so rædde for livet vårt; difor
gjorde me dette. 25 Men no er me i dine hender; far åt
med oss som du tykkjer det er godt og rett!» 26 Då
gjorde han det so med deim; Han berga dei for Israels-
sønerne, so dei ikkje vart drepne; 27 men samstundes
sette han dei til å hogga ved og bera vatn for lyden og
til altaret på den staden Herren valde seg ut, og det
hev dei gjort alt til denne dag.

**10** Då Adoni-Sedek, kongen i Jerusalem, fekk spurt
at Josva hadde teke Aj og bannstøytt byen, og
gjort like eins med Aj og kongen der som med Jeriko
og den kongen, og at Gibeon-buarne hadde gjort fred
med israelitarne og var i hop med deim, 2 då vart han
og mennerne hans livande rædde; for Gibeon var ein
stor by, som ein kongestad, og større enn Aj, og alle
mennerne der var gode herfolk. 3 So sende Adoni-
Sedek, kongen i Jerusalem, bod til Hoham, kongen i
Hebron, og til Piream, kongen i Jarmut, og til Jafia,
kongen i Lakis, og til Debir, kongen i Eglon, og sagde:
4 «Kom upp til meg, og hjelp meg, so skal me taka

på Gibeon-folket for di dei hev gjort fred med Josva
og Israels-sønerne!» 5 Då kom dei i hop desse fem
amoritarkongarne, kongen i Jerusalem og kongen i
Hebron og kongen i Jarmut og kongen i Lakis og
kongen i Eglon, og for imot Gibeon med kvar sin her;
og dei lægra seg utanfor byen og vilde taka honom. 6
Men Gibeon-mennerne sende bod til Josva i Gilgal-
lægret, og sagde til honom: «Slå ikkje handi av oss!
Kom upp til oss so fort du kann, og berga oss og hjelp
oss! For alle amoritarkongarne som bur i fjellbygderne,
hev slege seg i hop imot oss.» 7 So tok Josva ut frå
Gilgal med alt herfolket og alle kjemporne sine. 8 Og
Herren sagde til honom: «Ver ikkje rædd deim! Eg gjev
deim i dine hender. Ikkje ein av deim skal vera mann til
å standa seg mot deg.» 9 Josva kom brått yver deim,
etter han hadde vore på vegen frå Gilgal heile natti. 10
Og Herren sette ein støkk i deim, so dei rauk reint for
Israel attmed Gibeon. So sette Josva etter deim på
vegen som ber upp til Bet-Horon, og hogg deim ned for
fot, alt til Azeka og Makkeda. 11 Som dei no rømde for
israelitarne og rett no var komne burt i Bet-Horonkleivi,
sende Herren store steinar nedyver deim frå himmelen,
so dei stupte daude burtetter heile vegen til Azeka;
det var fleire som sette til av haglsteinarne enn som
Israels-sønerne felte med sverdet. 12 Den gongen
ropa Josva til Herren, då Herren gav amoritarne i
Israels vald, og han kvad for heile Israel: «Statt still, du
sol, i Gibeon, dryg, måne, i Ajjalons dal!» 13 Og soli
stana, og månen stod, med folket tukta fiendarne sine.
So veit me det stend skrive i boki åt den rettvise. Soli
vart standande midt på himmelen og drygde mest ein
heil dag, fyrr ho gjekk ned. 14 Og aldri anten fyrr eller
sidan hev det vore nokon dag som denne, då Herren
lydde eit manneord. For Herren stridde for Israel. 15
So for Josva med heile Israel attende til Gilgal-lægret.
16 Dei fem kongarne rømde og løynde seg i helleren
attmed Makkeda. 17 Men folk kom og sagde til Josva:
«Dei hev funne dei fem kongarne; dei hadde løynt seg
i Makkedahelleren.» 18 Då sagde Josva: «Velt store
steinar attfor hellermunnen, og set nokre menner til å
halda vakt der! 19 Men sjølve må de ikkje stana. Set
etter fienden og hogg ned deim som er attarst i ferdi!
Lat dei ikkje få koma inn i byarne sine! For Herren,
dykkar Gud, hev gjeve dei i dykkar hender.» 20 Då
no Josva og Israels-sønerne hadde slege fiendarne
i søkk og kav og gjort reint ende på deim, so berre
nokre få slapp undan og fekk berga seg inn i dei faste
byarne, 21 so kom heile heren uskadd attende til Josva
i lægret attmed Makkeda, og det fanst ingen som torde
knysta mot nokon av Israels-sønerne. 22 Då sagde
Josva: «Tak burt stengslet frå helleren, og før dei fem
kongarne ut til meg!» 23 So vart gjort; dei førde dei fem
kongarne ut til han or helleren, kongen i Jerusalem og
kongen i Hebron og kongen i Jarmut og kongen i Lakis
og kongen i Eglon. 24 Og då dei hadde ført desse
kongarne ut til Josva, kalla han saman alle Israels
menner og sagde til herhovdingarne som hadde fylgt
honom i striden: «Stig fram, og set foten på nakken
åt desse kongarne!» Då steig dei fram og sette foten
på nakken deira. 25 Og Josva sagde til deim: «De
skal ikkje ottast og ikkje fæla! Ver sterke og djerve!
For soleis vil Herren gjera med alle fiendar de kjem i
strid med.» 26 Då han hadde sagt det, hogg han til
kongarne og drap deim, og hengde deim upp i kvart
sitt tre, og der vart dei hangande til kvelds; 27 men
solegladsbil let Josva folki sine taka deim ned frå trei
og kasta deim inn i den helleren dei hadde løynt seg i,
og det vart lagt store steinar attfor hellermunnen; dei
steinarne ligg der den dag i dag. 28 Same dagen tok
Josva Makkeda, og øydde byen med odd og egg, og
bannstøytte både kongen og kvart mannsbarn som der
fanst; han let ingen vera att eller sleppa undan, og for
like eins åt med Makkeda-kongen som han hadde gjort
med kongen i Jeriko. 29 Frå Makkeda for Josva med
heile Israels-heren til Libna. Han tok på Libna, 30 og
Herren gav den byen og i Israels hender, og like eins
kongen deira. Josva øydde byen med odd og egg, og
tynte kvart liv som fanst der; han let ingen vera att
eller sleppa undan, og med kongen for han åt som
han hadde gjort med kongen i Jeriko. 31 Frå Libna
for Josva med heile Israels-heren til Lakis. Han slo
læger utanfor byen og søkte på honom. 32 Og Herren
gav Lakis i Israels hender. Andre dagen tok dei byen
og øydde honom med odd og egg, og tynte kvart liv
som fanst der, heiltupp soleis som dei hadde gjort med
Libna. 33 Då kom Horam, kongen i Geser, og vilde
hjelpa Lakis-buarne. Men Josva hogg ned både honom
og mennerne hans, so ingen vart att eller slapp undan.
34 So for Josva med heile Israels-heren frå Lakis til
Eglon. Dei slo læger utanfor byen og søkte på honom;
35 og tok honom same dagen, og øydde honom med
odd og egg. Den dagen bannstøytte Josva kvart liv
som fanst i Eglon, heiltupp soleis som han hadde gjort
med Lakis. 36 Frå Eglon for Josva med heile Israels-
heren upp til Hebron. Dei søkte på byen, 37 og tok
honom, og øydde med odd og egg både byen og
bygderne ikring, og tynte kongen og kvart liv som fanst
der, so ingen vart att eller slapp undan. Josva for i alle
måtar like eins åt som han hadde gjort med Eglon, og
bannstøytte byen med kvart liv som der var. 38 Sidan
vende Josva seg mot Debir med heile Israels-heren.
Han søkte på byen, 39 og tok både den og kongen
som budde der, og alle bygderne ikring. Dei øydde alt
med odd og egg og bannstøytte kvart liv som fanst

der, so ingen vart att eller slapp undan. Josva for like
eins åt med Debir og kongen der som han hadde gjort
med Hebron og Libna og kongarne deira. 40 Soleis tok
Josva heile landet, både fjellbygderne og Sudlandet og
låglandet og liderne, og slo i hel alle kongarne som
budde der; han let ingen vera att eller sleppa undan,
men bannstøytte kvart livande liv, so som Herren,
Israels Gud, hadde sagt honom fyre. 41 Alt som fanst
millom Kades-Barnea og Gaza, og heile Gosenlandet
alt til Gibeon, slo han under seg. 42 Og alle desse
kongarne og riki deira vann han yver med ein gong; for
Herren, Israels Gud, stridde for Israel. 43 Sidan for
Josva med heile Israel attende til Gilgal-lægret.

**11** Då Jabin, kongen i Hasor, fekk spurt dette, sende
han bod til Jobab, kongen i Madon, og til kongen i
Simron og kongen i Aksaf 2 og dei andre kongarne der
nord, i fjellbygderne og på moarne sunnanfor Kinnerot
og på låglandet og på Dorhøgderne utmed havet - 3 til
kananitarne, både i aust og i vest, og til amoritarne
og hetitarne og perizitarne og jebusitarne uppi fjelli,
og hevitarne nedunder Hermon, i Mispalandet. 4 Då
tok dei ut med alle herarne sine, ein hop so tett som
sanden på havsens strand, med hestar og vogner
i haugetal. 5 Alle desse kongarne sette einannan
stemna, og for til Meromvatnet; der lægra dei seg alle i
hop, og vilde stridast med Israel. 6 Då sagde Herren
til Josva: «Ver ikkje rædd deim! I morgon dette bil
legg eg deim alle drepne framfor augo åt Israel. Du
skal skjera sund hasarne på hestarne deira og brenna
upp vognerne!» 7 Josva og heile heren hans kom
brått yver deim ved Meromvatnet, og tok på deim. 8
Og Herren gav deim i Israels hender; Israels-sønerne
vann yver deim og sette etter deim alt til Stor-Sidon og
Misrefot-Majim og i aust alt til Mispedalen, og hogg
deim ned, so ingen vart att eller slapp undan. 9 Og
Josva for åt med deim som Herren hadde sagt til
honom; hestarne deira skar han hasarne sund på, og
vognerne brende han upp. 10 Med so gjort snudde
han um, og tok Hasor og hogg ned kongen som budde
der; for Hasor var fyrr i tidi hovudstaden for alle desse
riki. 11 Dei bannstøytte byen, og tynte med odd og
egg kvart mannsbarn som der fanst; det vart ikkje
livande liv att. Josva brende upp Hasor; 12 sidan tok
han alle dei andre kongebyarne med kongarne deira,
og øydde deim med odd og egg; han bannstøytte
deim, soleis som Moses, Herrens tenar, hadde sagt
honom fyre. 13 Men ingen av dei byarne som låg der
på høgderne, sette israelitarne eld på; det var berre
Hasor Josva brende upp. 14 Og alt herfanget og bufeet
Israels-sønerne tok i desse byarne, eigna dei til seg;
men folki tynte dei med odd og egg, til dei hadde rudt
deim ut; dei sparde ikkje eit einaste liv. 15 Det som
Herren hadde sagt Moses, tenaren, sin fyre, det hadde
Moses sagt med Josva, og etter det gjorde Josva; han
gløymde ikkje noko av alt det Herren hadde sagt til
Moses. 16 Soleis tok Josva heile dette landet, både
fjellbygderne og heile Sudlandet og heile Gosenlandet
og låglandet og moarne og fjellbygderne i Israel og
flatlandet som ligg nedunder deim, 17 frå svadknausen
som ris upp yver Se'ir, til Ba'al-Gad i Libanonsdalen,
nedunder Hermonfjellet; og alle kongarne der fanga
han, og slo deim i hel. 18 I lang tid låg Josva i strid med
alle desse kongarne. 19 Det fanst ingen by som gav
seg under Israels-sønerne med gode, utan hevitarne i
Gibeon; alt hitt tok dei med magt. 20 Herren laga det
so at dei gjorde seg harde i hugen og møtte Israel i
strid, av di han vilde at dei skulde bannstøytast og
ingen nåde få, men øydast ut, soleis som han hadde
sagt med Moses. 21 I den same tidi kom Josva og
rudde ut anakitarne i fjellbygderne, i Hebron og Debir
og Anab, og på heile Judafjellet og heile Israelsfjellet.
Han bannstøytte både deim og byarne deira. 22 Ingen
anakit vart att i Israelslandet, berre dei som var i Gasa
og Gat og Asdod, fekk liva. 23 Josva lagde under seg
heile landet, heiltupp soleis som Herren hadde sagt til
Moses, og let israelitarne få det til odel og eiga etter
sine folkegreiner og ætter, då landet var kome til ro
etter ufreden.

**12** Dei kongarne austanfor Jordan som Israels-
sønerne vann yver og tok landet frå millom
Arnonåi og Hermonfjellet, med alle moarne i aust, 2 det
var fyrst Sihon, amoritarkongen, som budde i Hesbon
og rådde yver landet nordanfor Aroer innmed Arnonåi -
frå midt i åi - og yver helvti av Gilead til Jabbokåi, som
er landskilet mot Ammons-sønerne, 3 og yver moarne
på austsida, upp til Kinneretsjøen, og ned til Moavatnet
eller Saltsjøen, burt imot Bet-ha-Jesjimot og sud under
Pisgaliderne; 4 so var det riket åt Og, kongen i Basan,
ein av deim som var att av kjempefolket; han budde
i Astarot og Edre'i, 5 og rådde yver fjellbygderne
kring Hermon, og yver Salka, og yver heile Basan, til
landskilet mot gesuritarne og ma'akatitarne, og yver
helvti av Gilead, til landskilet mot Sihon, kongen i
Hesbon. 6 Det var dei som Moses, Herrens tenar, og
Israels-borni hadde vunne yver; og Moses, Herrens
tenar, let rubenitarne og gaditarne og den eine helvti
av Manasse-ætti få landet deira til eigedom. 7 Og dei
kongarne som Josva og Israels-sønerne vann yver i
landet vestanfor Jordan, frå Ba'al-Gad i Libanonsdalen
til svadknausen som ris upp imot Se'ir - det landet
som Josva skifte ut åt Israels-ætterne, grein for grein -
8 i fjellbygderne og på låglandet og på moarne og i
liderne og i øydemarki og i Sudlandet, kongarne yver

hetitarne og amoritarne og kananitarne og perizitarne
og hevitarne og jebusitarne, 9 det var: Kongen i Jeriko,
ein, kongen i Aj, som ligg tett med Betel, ein, 10
kongen i Jerusalem, ein, kongen i Hebron, ein, 11
kongen i Jarmut, ein, kongen i Lakis, ein, 12 kongen i
Eglon, ein, kongen i Geser, ein, 13 kongen i Debir, ein,
kongen i Geder, ein, 14 kongen i Horma, ein, kongen i
Arad, ein, 15 kongen i Libna, ein, kongen i Adullam,
ein, 16 kongen i Makkeda, ein, kongen i Betel, ein, 17
kongen i Tappuah, ein, kongen i Hefer, ein, 18 kongen i
Afek, ein, kongen i Lassaron, ein, 19 kongen i Madon,
ein, kongen i Hasor, ein, 20 kongen i Simron-Meron,
ein, kongen i Aksaf, ein, 21 kongen i Ta'anak, ein,
kongen i Megiddo, ein, 22 kongen i Kedes, ein, kongen
i Jokneam innmed Karmel, ein, 23 kongen i Dor på
Dorhøgderne, ein, kongen yver Gojim attmed Gilgal,
ein, 24 kongen i Tirsa, ein, i alt ein og tretti kongar.

**13** No var Josva gamall vorten og ut i åri komen,
og Herren sagde til honom: «No er du gamall og
langt fram i åri; men endå er det ovmykje land att å
taka. 2 Det som er att er alle filistarkvervarne og heile
Gesuritarlandet, 3 frå den kvisli som renn frammed
Egyptarland og Ekronskiftet i nord; skal reknast til
Kana'an, både dei fem filistarfyrstarne i Gasa og Asdod
og Askalon og Gat og Ekron, og avitarne, 4 som bur
sunnanfor deim. So er det heile Kana'anitarlandet,
frå Meara, som ligg under Sidon, til Afek, til skiftet
med amoritarne, 5 og Giblitarlandet, og heile austsida
av Libanon, frå Ba'al-Gad nedunder Hermonfjellet
til Hamatvegen, 6 alle dei som bur i fjellbygderne,
frå Libanon til Misrefot-Majim, alle sidonarane. Sjølv
vil eg driva deim ut for Israel. Men drag no du strå
for Israels-sønerne, so dei fær desse bygderne til
odel og eiga, soleis som eg hev sagt deg! 7 Skift ut
dette landet til dei ni ætterne og den eine helvti av
Manasse-ætti.» 8 Saman med Manasse-ætti hadde
rubenitarne og gaditarne fenge odelslandet sitt, det
som Moses gav deim, på austsida av Jordan, soleis
som Moses, Herrens tenar, gav deim det: 9 alt som
låg nordanfor Aroer innmed Arnon og byen i dalen, og
heile Medbasletta, radt til Dibon, 10 og alle byarne åt
Sihon, amoritarkongen, han som hadde kongssætet
sitt i Hesbon, radt til skiftet med Ammons-sønerne, 11
og Gilead, og Gesuritarlandet og Ma'akatitarlandet og
heile Hermonfjellet og heile Basan alt til Salka, 12 heile
riket åt Og i Basan, han som hadde kongssætet sitt i
Astarot og Edre'i; han var den siste av kjempefolket.
Moses vann yver desse kongarne, og tok landet deira.
13 Men Israels-sønerne dreiv ikkje ut gesuritarne og
ma'akatitarne; dei hev vorte buande millom Israels-
folket alt til denne dag. 14 Det var berre Levi-ætti
han ikkje gav noko odelsland; offerretterne åt Herren,
Israels Gud, skulde vera deira odel, soleis som han
hadde lova deim. 15 Fyrst let Moses Rubens-sønerne
og ættgreinerne deira få sin lut. 16 Dei fekk landet
nordanfor Aroer innmed Arnon og byen i dalen, og heile
høgsletta kring Medba, 17 Hesbon og alle byarne som
til høyrde og låg på høgsletta: Dibon og Bamot-Ba'al og
Bet-Ba'al-Meon 18 og Jahsa og Kedemot og Mefa'at
19 og Kirjatajim og Sibma, og so Seret-Hassahar på
berget i dalen 20 og Bet-Peor og Pisgaliderne og Bet-
ha-Jesjimot - 21 alle byarne på høgsletta, og heile riket
åt Sihon, amoritarkongen, som hadde kongssætet sitt
i Hesbon. Det var han som Moses vann yver same
gongen som han felte Midjans-hovdingarne, Evi og
Rekem og Sur og Hur og Reba, som var jarlarne åt
Sihon og hadde bustad der i landet; 22 og Bileam
Beorsson, spåmannen, var og millom dei falne, deim
som Israels-sønerne drap med sverdet. 23 Fylkesdeilet
åt Rubens-borni fylgde Jordanåi; ho var skifte. Dette
var det landet Rubens-sønerne og ættgreinerne deira
fekk til odel og eiga med byar og bygder. 24 So
let Moses Gads-ætti, Gads-sønerne og ættgreinerne
deira, få sin lut. 25 Det dei fekk, var Jaser og alle
byarne i Gilead og helvti av Ammonitarlandet alt til
Aroer, som ligg midt for Rabba, 26 so landet deira rakk
frå Hesbon til Ramat-Hammispe og Betonim og frå
Mahanajim til Debirbygdi; 27 og i dalen fekk dei Bet-
Haram og Bet-Nimra og Sukkot og Safon, det som var
att av riket åt Sihon, kongen i Hesbon. Alt dette låg på
austsida av Jordan, og fylkesdeilet fylgde Jordan heilt
upp til sudenden av Kinneretsjøen. 28 Dette var det
landet Gads-borni og ættgreinerne deira fekk til odel
og eiga med byar og bygder. 29 Sidan gav Moses land
åt halve Manasse-ætti, so dei og, den eine helvti av
Manasse-sønerne og ættgreinene deira fekk sin lut.
30 Dei fekk landet burtanfor Mahanajim: heile Basan,
heile riket åt Og, kongen i Basan, og alle tjeldbyarne
åt Ja'ir i Basan, seksti byar, 31 og helvti av Gilead,
og Astarot og Edre'i, kongebyarne åt Og i Basan. Alt
dette fekk sønerne åt Makir, son åt Manasse, helvti av
Makirs-borni og ættgreinerne deira. 32 Dette var den
odelsjordi Moses luta ut, på Moabmoarne austanfor
Jordanåi, som renn frammed Jeriko. 33 Men Levi-ætti
gav han ikkje noko odelsland. Herren, Israels Gud, er
deira odel, soleis som han hadde lova deim.

**14** No skal me nemna dei bygderne som Israels-
sønerne fekk til odel og eiga i Kana'ans-landet,
og som Eleazar, øvstepresten, og Josva Nunsson og
hovdingarne yver Israels-ætterne luta ut åt deim, 2 og
let deim draga strå um, soleis som Moses hadde sagt
deim frå Herren. Det var halvtiande ætt som då fekk
land; 3 for halvtridje ætt hadde Moses gjeve land på
hi sida Jordan, men levitarne hadde han ikkje gjeve

noko odelsland millom deim. 4 Josefs-sønerne var tvo
ætter, Manasse og Efraim; og levitarne fekk ingen lut i
landet, anna enn nokre byar til å bu i, med bumark åt
feet og bølingarne deira. 5 Som Herren hadde sagt
Moses fyre, so gjorde Israels-sønerne, og skifte landet.
6 Då gjekk Juda-sønerne fram for Josva i Gilgal, og
Kaleb Jefunneson av Kenaz-ætti sagde til honom: «Du
veit kva Herren sagde med Moses, gudsmannen, um
meg og deg, då me var i Kades-Barnea. 7 Eg var
fyrti år gamall då Moses, Herrens tenar, sende meg ut
frå Kades-Barnea til å njosna i landet, og då eg kom
attende, sagde eg frå um alt, som eg best skyna det. 8
Felagerne mine, som hadde vore med meg, skræmde
folket so dei vart modlause, men eg heldt meg trutt
etter Herren, min Gud. 9 Og same dagen lyste Moses
desse ordi: «Det landet du hev vore i, skal sant og
visst høyra deg og borni dine til i all æva, for di du
heldt deg so trutt etter Herren, min Gud.» 10 Og no ser
du at Herren hev gjort som han lova! Han hev late
meg liva fem og fyrti år sidan han tala desse ordi til
Moses, all den tid som Israel ferdast i øydemarki, og
no er eg fem år på femte tjuget. 11 Endå er eg likso
sterk som eg var den dagen Moses sende meg ut, og
likso før både til strid og til mitt daglege yrke. 12 So lat
meg no få denne fjellbygdi, som Herren tala um den
gongen; du høyrde sjølv på det. Der bur anakitarne, og
der er store byar med høge murar ikring. Men eg trur
visst Herren vil vel vera med meg, so eg fær slege
deim under meg, soleis som han hev sagt.» 13 Då gav
Josva Kaleb Jefunneson Hebron til odel og eiga, og
ynskte lukka til. 14 Soleis var det Kaleb Jefunneson av
Kenaz-ætti fekk Hebron, og sidan hev den eigedomen
fylgt ætti hans alt til denne dag, for di han heldt seg so
trutt etter Herren, Israels Gud. 15 Hebron heitte fyrr
Arbabyen, etter den største mannen millom anakitarne.
Då var det ende på ufreden, og landet fekk ro.

**15** Juda-sønerne og ættgreinerne deira fekk sin lut
burtimot Edomlandet, sudmed Sinheidi, lengst
sud. 2 Landskilet deira gjekk på sudsida ut frå enden
av Saltsjøen, frå den viki som sting lengst i sud,
3 tøygde seg sud um Skorpionskardet, og tok so
yver til Sin og uppetter sunnanfor Kades-Barnea; so
gjekk skiftelina yver til Hesron og upp til Addar; der
svinga ho burt til Karka, 4 tok so burtetter til Asmon,
kom fram ved Egyptarlands-bekken, og enda utmed
havet. «Dette», sagde Herren, «skal vera landskilet
dykkar i sud.» 5 I aust fylgde landskilet Saltsjøstrandi,
alt til Jordanosen. På nordsida gjekk fylkesdeilet frå
vatsbotnen, frå Jordanosen, 6 upp til Bet-Hogla og heldt
so frametter nordanfor Bet-ha-Araba, upp til Bohan-
Rubensson-steinen. 7 So tok skiftelina frå Akordalen,
til Debir; der svinga ho nordetter til den steinkrinsen,
som ligg beint imot Adummimkleivi, sunnanfor dalen,
og gjekk so yver til En-Semeskjelda og fram til En-
Rogel. 8 Sidan tok ho upp til Hinnomssonsdalen,
til sudsida av Jebusitaråsen, der Jerusalem ligg, og
steig upp til toppen av det fjellet som er beint i vest
for Hinnomsdalen, ved nordenden av Kjempesletta.
9 Frå den fjelltoppen stemnde skiftelina burtåt Me-
Neftoahkjelda, heldt fram til byarne på Efronheidi, og
tok so burtetter til Ba'ala, den byen som no heiter
Kirjat-Jearim. 10 Frå Ba'ala svinga ho vestetter til
Se'irfjellet, tok yver til nordhallet av Jearimfjellet, der
Kesalon ligg, og gjekk so ned til Bet-Semes, og fram til
Timna. 11 Sidan heldt skiftelina nordetter til Ekronåsen;
der svinga ho burt til Sikron, tok so yver til Ba'alafjellet,
kom fram ved Jabne'el, og enda utmed havet. 12
I vest var det Storhavet som var grensa. Dette var
landskili åt Juda-sønerne og ættgreinerne deira, på
alle sidor. 13 Kaleb Jefunneson fekk sin lut millom
Juda-sønerne, etter det som Herren hadde sagt med
Josva. Det var den byen som heitte etter Arba, far åt
Anak, og som me no kallar Hebron. 14 Kaleb dreiv ut
dei tri anakitarne som budde der, Sesai og Ahiman og
Talmai, borni åt Anak. 15 Sidan for Kaleb mot Debir-
buarne; Debir heitte fyrr Kirjat-Sefer. 16 Då lova han ut
at den som kunde taka Kirjat-Sefer, skulde få Aksa,
dotter hans. 17 Otniel, son åt Kenaz, bror åt Kaleb,
tok byen, og Kaleb gav honom Aksa. 18 Då so ho
skulde flytja heim til honom, eggja ho honom til å beda
far hennar um ein jordveg, og sjølv hoppa ho ned av
asnet. «Kva er det du vil?» spurde Kaleb. 19 «Gjev
med ei velfargåva!» svara ho. «Du hev gift meg burt
til dette turre Sudlandet; gjev meg no vatskjeldor!»
So gav han henne Øvregullot og Nedregullot. 20 No
skal me nemna dei eigedomarne som Juda-ætti og
greinerne hennar fekk: 21 Byarne i Sudlandet, ytst
i Judafylket, burtimot Edomskiftet, det var Kabse'el
og Eder og Jagur 22 og Kina og Dimona og Adada
23 og Kedes og Hasor og Jitnan, 24 Zif og Telem og
Bealot 25 og Hasor-Hadatta og Kerijot-Hesron, som no
heiter Hasor, 26 Amam og Sema og Molada 27 og
Hasur-Gadda og Hesmon og Bet-Pelet 28 og Hasar-
Sual og Be'erseba og Bizjotja, 29 Ba'ala og Ijjim og
Esem 30 og Eltolad og Kesil og Horma 31 og Siklag og
Madmanna og Sansanna 32 og Lebaot og Silhim og
Ajin og Rimmon, i alt ni og tjuge byar, med grenderne
som låg ikring. 33 I låglandet: Estaol og Sora og Asna
34 og Zanoah og En-Gannim, Tappuah og Enam, 35
Jarmut og Adullam, Soko og Azeka 36 og Sa'arajim
og Aditajim og Gedera med Gederotajim, fjortan byar,
med grenderne ikring, 37 Senan og Hadasa og Migdal-
Gad 38 og Dilan og Mispe og Jokte'el, 39 Lakis og
Boskat og Eglon 40 og Kabbon og Lahmas og Kitlis

41 og Gederot, Bet-Dagon og Na'ama og Makkeda,
sekstan byar med grenderne ikring, 42 Libna og Eter
og Asan 43 og Jiftah og Asna og Nesib 44 og Ke'ila og
Aksib og Maresa, ni byar med grenderne ikring, 45
Ekron med bygder og grender, 46 og alt som låg millom
Ekron og havet på Asdodsida, med grenderne som
høyrde til, 47 Asdod med bygder og grender, Gaza
med bygder og grender, radt burt til Egyptarlands-
bekken og ut til Storhavet; det var grensa der. 48 I
fjellbygderne: Samir og Jattir og Soko 49 og Danna
og Kirjat-Sanna, som no heiter Debir, 50 og Anab og
Estemo og Anim 51 og Gosen og Holon og Gilo, elleve
byar, med grenderne ikring, 52 Arab og Duma og Esan
53 og Janim og Bet-Tappuah og Afeka 54 og Humta
og Kirjat-Arba, som no heiter Hebron, og Sior, ni byar
med grenderne ikring, 55 Maon, Karmel og Zif og Juta
56 og Jizre'el og Jokdeam og Zanoah, 57 Kajin, Gibea
og Timna, ti byar med grenderne ikring, 58 Halhul, Bet-
Sur og Gedor 59 og Ma'arat og Bet-Anot og Eltekon,
seks byar med grenderne ikring, 60 Kirjat-Ba'al, som
sidan vart kalla Kirjat-Jearim, og Rabba, tvo byar med
grenderne ikring. 61 I øydemarki: Bet-ha-Araba, Middin
og Sekaka 62 og Nibsan og Ir-Hammelah og En-
Gedi, seks byar med grenderne ikring. 63 Men Juda-
sønerne vann ikkje driva ut jebusitarne, som budde
i Jerusalem; dei hev vorte buande i hop med Juda-
sønerne i Jerusalem alt til denne dag.

**16** Den landsluten som fall på Josefs-sønerne, tok
til aust med Jordanåi, der ho renn frammed
Jeriko, og gjekk um Jerikokjelda gjenom øydemarki
som stig frå Jeriko uppyver fjellet til Betel. 2 Frå Betel
heldt bytestrengen fram til Luz, og gjekk so burtyver
til Arkiteigni, til Atarot; 3 der tok han vestetter ned til
Jafletiteigni, heldt fram til Nedre Bet-Horoneigni og
Gezer, og enda utmed havet. 4 Dette var det landet
som Josefs-borni, Manasse og Efraim, fekk til odel og
eiga. 5 Landet åt Efraims-sønerne og ættgreinerne
deira låg soleis til: Fylkesdeilet gjekk på austkanten
frammed Atrot-Addar, tok burtetter til Øvre Bet-Horon,
6 og enda utmed havet. På nordsida gjekk fylkesdeilet
frammed Mikmetat og vende seg austetter til Ta'anat-
Silo; sidan heldt bytestrengen fram i aust til Janoah,
7 og tok frå Janoah ned til Atarot og Na'ara, snart
innåt Jeriko, og gjekk ut i Jordan. 8 Frå Tappuah
gjekk fylkesdeilet vestetter til Kanabekken, og enda
utmed havet. Dette var odelseiga åt Efraims-sønerne
og ættgreinerne deira, 9 og attåt det dei byarne som
vart utskilde åt Efraims-sønerne i Manassefylket, både
byarne og grenderne som låg ikring. 10 Men Efraims-
sønerne dreiv ikkje ut dei kananitarne som budde i
Gezer; Kananitarne vart buande i Efraimsfylket, som
dei gjer den dag i dag, men laut gjera trælearbeid.

**17** So fekk Manasse-ætti sin lut; for Manasse var
eldste son åt Josef. Makir, eldste son åt Manasse
og far åt Gilead, var ein gjæv stridsmann; difor fekk
han Gilead og Basanlandet. 2 Dei andre Manasse-
sønerne fekk og land, kvar ættgrein for seg: borni åt
Abiezer og sønerne åt Helek og borni åt Asriel og
sønerne åt Sekem og sønerne åt Hefer og sønerne åt
Semida; det var borni åt Manasse, son åt Josef, og
ættgreinerne deira på mannssida. 3 Men Selofhad,
son åt Hefer, som var son åt Gilead og soneson
åt Makir, son åt Manasse, hadde ingi søner, berre
døtter; og døtterne heitte Mahla og Noa og Hogla
og Milka og Tirsa. 4 Dei gjekk fram for Eleazar,
øvstepresten, og Josva Nunsson og hovdingarne, og
tala so: «Herren sagde til Moses at han skulde gjeva
oss odelsjord tilliks med frendarne våre.» So fekk dei
odelsjord tilliks med farbrørne sine, soleis som Herren
hadde sagt. 5 Det var ti partar som fall på Manasse,
umfram Gilead- og Basanlandet austanfor Jordan; 6
for døtterne åt Manasse fekk odel tilliks med sønerne
hans. Men Gileadlandet hadde dei andre Manasse-
ætterne fenge. 7 Fylkesdeilet åt Manasse gjekk frå
Aser til Mikmetat, som ligg midt for Sikem; so tok
bytestrengen til høgre til En-Tappuahgrenderne. 8
Manasse fekk Tappuahbygdi; men Efraims-sønerne
fekk byen; han låg tett innåt Manasseskiftet. 9 So gjekk
fylkesdeilet ned til Kanabekken, på sudsida av bekken;
men byarne der høyrde Efraim til, endå dei låg millom
Manassebyarne. Sidan gjekk fylkesdeilet åt Manasse
på nordsida av bekken, til det enda utmed havet; 10
Efraim fekk det som var sunnanfor, og Manasse det
som var nordanfor. So var havet grensa, og sidan
skifte dei med Aser i nord og med Issakar i aust. 11
I Issakarsfylket og i Asersfylket fekk Manasse Bet-
Sean med bygderne ikring, og Jibleam med bygderne
ikring, og Dor med grender og bygder, og En-Dor med
grender og bygder, og Ta'anak med grender og bygder,
og Megiddo med grender og bygder, alt som låg under
dei tri høgderne. 12 Men Manasse-sønerne vann ikkje
taka desse byarne, og kananitarne fekk tak til å halda
seg der i landet. 13 Då Israels-sønerne vart sterkare,
nøydde dei kananitarne til å træla for seg, men dreiv
deim ut gjorde dei ikkje. 14 Josefs-sønerne kom til
Josva og sagde: «Kvi hev du gjeve oss berre ein lut
til odel og eiga? Me er då eit mannsterkt folk, etter
di Herren til dessa hev velsigna oss.» 15 «Er de so
fjølmente, » sagde Josva, «so gakk upp i skogen,
og ryd dykk jord der i Perizit- og Refaitlandet, sidan
Efraimsheidi er for trong for dykk.» 16 «Heidi rekk ikkje
til for oss, » svara Josef-sønerne, «og alle kananitarne
som bur i dalbygderne, hev jarnvogner, både dei i Bet-
Sean og grenderne der ikring, og dei på Jizre'elsletta.»

17 Då sagde Josva til Josefs-ætti, Efraim og Manasse:
«Mykje folk hev du, og sterk er du! Du skal få meir enn
ein lut. 18 Men det er ei fjellbygd du fær; det er skog
der, og den lyt du hogga, og landet skal vera ditt til
ytste endarne; for kananitarne skal du driva ut, endå
dei hev jarnvogner, og endå dei er sterke.»

18 So kom heile Israels-lyden saman i Silo, og
der sette dei upp møtetjeldet; for no var landet
vunne, og låg ope for deim. 2 Men endå var det att sju
av Israels-ætterne som ikkje hadde skift odelsjordi si.
3 Då sagde Josva til Israels-sønerne: Kor lenge vil de
drygja fyrr de kjem og eignar til dykk det landet som
Herren, dykkar fedregud, hev gjeve dykk? 4 Kom med
tri mann av kvar ætt, som eg kann senda i veg, so
skal dei stella seg til, og fara kring i landet og skriva
upp alt det dei ser, so me kann vita kor mykje der er
å skifta; sidan skal dei koma attende til meg. 5 So
skal de byta landet i sju luter og skifta deim millom
dykk! Juda-sønerne skal verta verande i det landet dei
hev fenge der sud, og Josefs-ætterne i sitt land her
nord; 6 men de skal skriva upp alt som er i landet,
i sju bolkar, og koma hit til meg med uppskrifti, so
skal eg draga strå for dykk her, framfor Herrens, vår
Guds, åsyn. 7 For levitarne fær ingen lut millom dykk;
Herrens prestedøme skal vera deira arvlut. Og Gad og
Ruben og den eine helvti av Manasse-ætti hev fenge
sitt land austanfor Jordan, det landet som Moses,
Herrens tenar, gav deim. 8 So gjorde mennerne seg
reiduge til å fara, og då dei tok ut, sagde Josva med
deim at dei skulde skriva upp alt dei såg i landet. «Tak
i vegen, » sagde han, «og far kring i landet, og skriv
upp alt, og kom attende til meg, so skal eg draga strå
for dykk framfor Herrens åsyn her i Silo.» 9 Dermed
tok mennerne av stad og for kring i landet, og skreiv
upp bygd for bygd i ei bok, i sju bolkar. So kom dei
attende til Josva, til Silo-lægret, 10 og Josva drog strå
for deim, framfor Herrens åsyn; der, i Silo, skifte han
landet millom Israels-ætterne, etter som dei hadde
folk til. 11 Den fyrste luten fall på Benjamins-sønerne
og ættgreinerne deira; det landet dei fekk, kom til å
liggja millom Juda-sønerne og Josefs-sønerne. 12
Fylkesdeilet gjekk på nordsida upp frå Jordan og
nordum Jerikoåsen og stemnde so vestetter upp på
fjellet og fram til Bet-Avenheidi. 13 Derifrå tok det
burtyver til Luz, sunnanfor Luzåsen, der Betel ligg, og
gjekk so ned til Atrot-Addar, og upp på det fjellet som
ligg sunnanfor Nedre Bet-Horon. 14 So gjorde skiftelina
ein sving, og vende seg, på vestsida, sudetter frå det
fjellet som ligg beint sunnanfor Bet-Horon, til ho enda
innmed Kirjat-Ba'al, ein by som høyrde Juda-sønerne
til; no heiter han Kirjat-Jearim. Dette var vestsida. 15
På sudsida gjekk fylkesdeilet frå enden av Kirjat-Jearim
- der var det skiftelina tok til i vest - og fram til Me-
Neftoahkjelda. 16 So gjekk skiftelina ned til foten av
fjellet som ligg austanfor Hinnomssonsdalen, nordanfor
Kjempesletta, tok so ned Hinnomsdalen til sudsida av
Jebusitaråsen og ned til En-Rogel. 17 Sidan svinga
ho mot nord og gjekk fram til En-Semes og til dei
steinkrinsarne som ligg midt for Adummimkleivi, og
tok so ned til Bohan-Rubensson-steinen. 18 Der tok
ho yver til den åsen som ligg rett i nord for Araba, og
so ned til Araba. 19 Sidan heldt ho fram til nordsida
av Bet-Hoglaåsen, og enda i den nørdste viki av
Saltsjøen, attmed Jordanosen. Dette var fylkesdeilet i
sud. 20 På austsida var det Jordan som var deile. Dette
var odelsjordi åt Benjamins-sønerne og ættgreinerne
deira, med fylkesdeilderne rundt ikring. 21 Byarne
som Benjamins-ætti og greinerne hennar var: Jeriko
og Bet-Hogla og Emek-Kesis 22 og Bet-ha-Araba og
Semarajim og Betel 23 og Avvim og Happara og Ofra
24 og Kefar-ha-Ammoni og Ofni og Geba, tolv byar
med grenderne ikring; 25 Gibeon og Rama og Be'erot
26 og Mispe og Kefira og Hammosa 27 og Rekem
og Jirpe'el og Tarala 28 og Sela, Elef og Jebus, som
no heiter Jerusalem, og Gibat og Kirjat, fjortan byar,
med grenderne ikring. Dette var landet åt Benjamins-
sønerne og ættgreinerne deira.

19 Den andre luten fall på Simeon, på Simeons-
sønerne og ættgreinerne deira. Det landet dei
fekk, låg midt i Judafylket. 2 Til Simeonsfylket høyrde
Be'erseba og Seba og Molada 3 og Hasar-Sual og
Bala og Esem 4 og Eltolad og Betul og Horma 5 og
Siklag og Bet-Hammarkabot og Hasar-Susa 6 og Bet-
Leabot og Saruhen - trettan byar med grenderne som
høyrde til; 7 Ajin, Rimmon og Eter og Asan, fire byar,
med grenderne som høyrde til, 8 og alle bygderne
som låg ikring desse byarne, alt til Ba'alat-Be'er, eller
Rama, i Sudlandet. Dette var odelsjordi åt Simeons-
ætti og greinerne hennar. 9 Dei fekk odelseiga si i det
landet som var mælt ut til Juda-sønerne. Den luten
som fall på Juda-sønerne, vart for stor åt deim; difor
var det at Simeons-sønerne fekk landet sitt midt i deira
land. 10 Den tridje luten fall på Sebulons-sønerne og
ættgreinerne deira. Det landet dei fekk, rakk til Sarid. 11
Fylkesdeilet gjekk i vest upp til Marala, gjekk frammed
Dabbeset og nådde den bekken som renn austanfor
Jokneam. 12 I aust, der soli kjem upp, vende det seg frå
Sarid burt imot Kislot-Taborbygdi, heldt fram til Daberat
og gjekk upp til Jafia. 13 Derifrå tok det, på solsida,
austsida, yver til Gat-Hefer og Et-Kasin, heldt fram til
Rimmon og svinga burt til Nea. 14 So vende deilet
seg nordetter til Hannaton og enda i Jiftaheldalen. 15 I
Sebulonsfylket låg og Kattat og Nahalal og Simron og
Jidala og Betlehem; i alt var der tolv byar med grender

ikring. 16 Dette var det landet Sebulons-sønerne og
ættgreinerne deira fekk til odel og eiga med byar
og bygdar. 17 Issakar var det som fekk den fjorde
luten, Issakars-sønerne og ættgreinerne deira. 18 I
landet deira låg Jisre'ela og Kesullot og Sunem 19 og
Hafarajim og Sion og Anaharat 20 og Rabbit og Kisjon
og Ebes 21 og Remet og En-Gannim og En-Hadda
og Bet-Passes. 22 Fylkesdeilet snart innåt Tabor og
Sahasuma og Bet-Semes, og enda i Jordan. I alt var
der sekstan byar med grender ikring. 23 Dette var det
landet som Issakars-ætti og greinerne hennar fekk
til odel og eiga, med byar og bygder. 24 Den femte
luten fall på Assers-ætti og greinerne hennar. 25 I
deira land låg Helkat og Hali og Beten og Aksaf 26 og
Allammelek og Amad og Misal. Fylkesdeilet nådde i
vest til Karmel og Libnatåi; 27 i aust tok det leidi til Bet-
Dagon og gjekk so nordetter frammed Sebulonsfylket
og Jiftaheldalen til Bet-ha-Emek og Ne'iel; sidan heldt
det fram på vinstre hand til Kabul 28 og Ebron og
Rehob og Hammon og Kana, alt burt til Stor-Sidon.
29 So vende deilet seg mot Rama, og heldt fram til
Tyrusborgi; der ifrå tok det leidi til Hos, og gjekk ut
i havet ikkje langt frå Akzib. 30 Umma og Afek og
Rehob låg og i dette fylket. I alt var der tvo og tjuge
byar med grender ikring. 31 Dette var det landet som
Assers-ætti og greinerne hennar fekk til odel og eiga,
med byar og bygder. 32 På Naftali-sønerne fall den
sette luten, på Naftali-sønerne og ættgreinerne deira.
33 Fylkesdeilet deira gjekk frå Helef, frå Besa'annim-
eiki, um Adami-Hannekeb og Jabne'el, heldt fram til
Lakkum, og gjekk ut i Jordan. 34 So vende deilet seg
vestetter til Aznot-Tabor, og heldt fram til Hukkok. I
sud skifte dei med Sebulon, og i vest med Asser; i
aust fylgde skiftelina Jordan. 35 Av faste byar var der:
Siddim, Ser og Hammat, Rakkat og Kinneret 36 og
Adama og Rama og Hasor 37 og Kedes og Edre'i og
En-Hasor 38 og Jiron og Migdal-El, Horem og Bet-Anat
og Bet-Semes. I alt var der nittan byar med grender
ikring. 39 Dette var det landet Naftali-ætti og greinerne
hennar fekk til odel og eiga med byar og bygder. 40
På Dans-ætti og greinerne hennar fall den sjuande
luten. 41 I deira fylkesland låg Sora og Estaol og Ir-
Semes 42 og Sa'alabbin og Ajjalon og Jitla 43 og Elon
og Timnata og Ekron 44 og Elteke og Gibbeton og
Ba'alat 45 og Jehud og Bene-Berak og Gat-Rimmon
46 og Me-Hajarkon og Rakkon og bygderne burtmed
Joppe. 47 Men Danseiga rakk vidare enn so: Dans-
sønerne for nordetter, og tok på Lesem-buarne; dei
vann landet deira, og øydde det med odd og egg;
sidan lagde dei det under seg og vart buande der; og i
staden for Lesem kalla dei bygdi Dan etter ættefaren
sin. 48 Dette var det landet Dans-ætti og greinerne
hennar fekk til odel og eiga med byar og bygder. 49
Då Israels-sønerne vel hadde skift ut heile Kana'ans-
landet, so vidt som det var, let dei Josva Nunsson
få ei odelseiga millom seg; 50 dei gav honom, etter
Herrens bod, den byen han bad um, Timnat-Serah
på Efraimsfjellet; og han bygde upp byen, og busette
seg der. 51 Dette var dei odelseigorne som Eleazar,
øvstepresten, og Josva Nunsson og hovdingarne yver
Israels ætter og ættgreiner luta ut i Silo, for Herrens
åsyn i møtetjelddøri. Dermed var dei ferdige med å
skifta ut landet.

**20** Og Herren tala til Josva og sagde: 2 «Seg
til Israels-sønerne at dei skal lata upp dei
fredstaderne som eg hadde Moses til å tala til dykk
um, 3 so den som av vanvare og uviljande hev drepe
eit menneskje, kann få røma dit, og desse byarne
soleis kann vera dykk til ei trygd mot blodhemnaren. 4
Dråpsmannen skal røma til ein av deim; han skal stiga
fram i byporten og tala si sak for styresmennerne i
byen, og dei skal taka vel imot honom og gjeva honom
ein bustad hjå seg. 5 Når so blodhemnaren kjem etter,
skal dei ikkje lata honom få tak i dråpsmannen, so sant
det er uviljande han hev drepe ein mann, og han ikkje
bar hat til honom frå fyrr. 6 Han skal bu der i byen til
han hev stade fram for lyden og fenge sin dom, og
so til den øvstepresten som då liver, er avliden; då
kann dråpsmannen fara heim att til sin eigen by og til
huset sitt, til den byen han laut røma ifrå.» 7 Då vigde
dei desse byarne til fredstader: Kedes i Galilæa på
Naftalifjellet og Sikem på Efraimsfjellet og Kirjat-Arba,
som no heiter Hebron, på Judafjellet. 8 Og austanfor
Jordan, som renn frammed Jeriko, let dei upp desse:
i Rubensfylket: Beser i øydemarki, på høgsletta; i
Gadsfylket: Ramot i Gilead; i Manassefylket: Golan
i Basan. 9 Dette var dei byarne som vart kåra til
fredstader åt alle Israels-sønerne og åt dei framande
som heldt til hjå deim, so den som av vanvare drep eit
menneskje, kunde røma dit og ikkje skulde døy for
hemnarhand, fyrr han hev stade til doms for lyden.

**21** Medan dei var i Silo i Kana'ans-landet, gjekk
ættefederne åt levitarne gjekk fram for Eleazar,
øvstepresten, og Josva Nunsson og ættefederne åt
Israels-sønerne, 2 og tala soleis til deim: «Moses kom
med det bodet frå Herren at me skulde få byar til å bu i,
med bumark ikring åt feet vårt.» 3 Og Israels-sønerne
gjorde som Herren hadde sagt, og gav levitarne av
sitt eige land dei byarne me snart skal nemna, med
bumarki som låg ikring. 4 Då dei no drog strå, fall
den fyrste luten på Kahats-sønerne; dei levitarne som
var ætta frå Aron, øvstepresten, fekk trettan byar hjå
Juda-ætti og Simeons-ætti og Benjamins-ætti, 5 og

dei andre Kahats-sønerne fekk for sin lut ti byar hjå
Efraims ættgreiner og Dans-ætti og den eine helvti
av Manasse-ætti. 6 Gersons-sønerne fekk for sin lut
trettan byar hjå Issakars ættgreiner og Assers-ætti og
Naftali-ætti og den helvti av Manasse-ætti som var
i Basan. 7 Merari-borni og ættgreinerne deira fekk
tolv byar hjå Rubens-ætti og Gads-ætti og Sebulons-
ætti. 8 Desse byarne, med bumarki som høyrde til, gav
Israels-sønerne åt levitarne, soleis som Moses hadde
sagt dei frå Herren, og let dei draga strå um deim. 9 I
Judafylket og Simeonsfylket gav dei frå seg dei byarne
som me no skal nemna ein for ein: 10 det var Arons-
sønerne av Levi-ætti, Kahat-greini, som fekk dei; for
deim fall den fyrste luten på. 11 Dei gav deim den
byen på Judafjellet som heitte etter Arba, ættefaren åt
anakitarne, og som me no kallar Hebron, med bumarki
som låg rundt ikring; 12 men åkerlandet og gardarne
som høyrde til byen, gav dei Kaleb Jefunneson til odel
og eiga. 13 Dei som var ætta frå Aron, øvstepresten,
fekk i desse tvo fylki både Hebron, som var fristad
for dråpsmenner, og Libna 14 og Jattir og Estemoa
15 og Holon og Debir 16 og Ajin og Jutta og Bet-
Semes, ni byar, med bumarki som høyrde til, 17 og
i Benjaminsfylket Gibeon og Geba 18 og Anatot og
Almon, fire byar, med bumarki som høyrde til. 19 Soleis
fekk Arons-sønerne, prestarne, i alt trettan byar med
bumark attåt. 20 No skal me nemna dei byarne som
fall på dei andre Kahats-sønerne, dei levitiske Kahats-
ætterne: Dei fekk i Efraimsfylket 21 Sikem, som var
fristad for dråpsmenner, på Efraimsfjellet, og Gezer
22 og Kibsajim og Bet-Horon, fire byar, med bumarki
som høyrde til, 23 og i Dansfylket Elteke og Gibbeton
24 og Ajjalon og Gat-Rimmon, fire byar, med bumarki
som høyrde til, 25 og i det eine halve Manassefylket
Ta'anak og Gat-Rimmon, tvo byar, med bumarki som
høyrde til. 26 Det var i alt ti byar med bumark attåt som
dei hine greinerne av Kahats-ætti fekk. 27 Levitarne av
Gersons-greini fekk i det andre halve Manassefylket
Golan i Basan, ein av fristaderne for dråpsmenner, og
Be'estera, tvo byar, med bumarki som høyrde til, 28
og i Issakarsfylket Kisjon og Daberat, 29 Jarmut og
En-Gannim, fire byar, med bumarki som høyrde til,
30 og i Assersfylket Misal og Abdon 31 og Helkat og
Rehob, fire byar, med bumarki som høyrde til, 32 og
i Naftalifylket Kedes i Galilæa, ein av fristaderne for
dråpsmenner, og Hammot-Dor og Kartan, tri byar, med
bumarki som høyrde til. 33 Soleis fekk gersonitarne og
ættgreinerne deira i alt trettan byar med bumark attåt.
34 Dei som var att av levitarne, Merari-sønerne og
ættgreinerne deira, fekk i Sebulonsfylket Jokneam og
Karta 35 og Dimna og Nahalal, fire byar, med bumarki
som høyrde til, 36 og i Rubensfylket Beser og Jahsa,
37 Kedemot og Mefa'at, fire byar, med bumarki som
høyrde til, 38 og i Gadsfylket Ramot i Gilead, ein av
fristaderne for dråpsmenner, og Mahanajim 39 og
Hesbon og Jaser, fire byar, med bumarki som høyrde
til. 40 Det var i alt tolv byar som fall på dei siste Levi-
ætterne, Merari-sønerne og ættgreinerne deira. 41
Alt i alt fekk levitarne i odelslandet åt Israels-sønerne
åtte og fyrti byar, med bumark attåt. 42 Desse byarne
hadde kvar si bumark ikring seg; so var det med deim
alle. 43 Soleis gav Herren Israel heile det landet som
han hadde lova at han vilde gjeva federne deira, og
dei eigna det til seg og vart buande der. 44 Og Herren
let deim hava fred på alle leder, heiltupp soleis som
han hadde lova federne deira. Ingen av alle uvenerne
deira kunde standa seg imot deim; Herren gav alle
fiendar i deira hender. 45 Ikkje eit einaste av alle dei
gode ordi Herren hadde tala til Israels hus, vart um
inkje; alt saman gjekk fram.

**22** Då kalla Josva til seg rubenitarne og gaditarne
og helvti av Manasse-ætti 2 og sagde til deim:
«De hev gjort alt det Moses, Herrens tenar, sagde
med dykk, og meg hev de og lydt i alt eg hev sagt. 3
I heile denne lange tidi hev de ikkje vike frå brørne
dykkar; de hev halde dykk trutt etter det som Herren,
dykkar Gud, sagde fyre. 4 Og no hev Herren, dykkar
Gud, late brørne dykkar koma til ro, som han hadde
lova deim; far no de heim att til tjeldbuderne dykkar,
åt dykkar eige land, det som Moses, Herrens tenar,
gav dykk på hi sida Jordan. 5 Men kom vel i hug å
leva etter dei bodi og den lovi som Moses, Herrens
tenar, lærde dykk, at de skal elska Herren, dykkar
Gud, og all tid ganga på hans vegar, og halda bodi
hans, og vera trugne imot honom, og tena honom
av heile dykkar hjarta og all dykkar hug!» 6 So lyste
Josva velsigning yver deim, og bad deim vel liva, og
dei for heim att. 7 Den eine helvti av Manasse-ætti
hadde fenge land i Basan av Moses, og den andre
helvti hadde Josva gjeve land vestanfor Jordan, saman
med brørne deira. Som no Josva gav deim heimlov
og velsigna deim, 8 sagde han og til deim: «No fer
de heim att med mange eignaluter og ovmykje bufe,
med sylv og gull og kopar og jarn og ovmange klæde.
Byt no med brørne dykkar det herfanget de hev teke
frå fienden!» 9 So tok dei då på heimvegen, Rubens-
sønerne og Gads-sønerne og helvti av Manasse-ætti;
dei skildest med dei andre Israels-sønerne og for frå
Silo i Kana'ans-landet attende til Gilead, sitt eige land,
der dei hadde fenge seg bustad, soleis som Moses
hadde lova deim frå Herren. 10 Men då dei kom til
dei steinkrinsarne som er attmed Jordan, i Kana'ans-
landet, sette dei upp eit altar der, attmed Jordan, eit
stort og sjålegt altar. 11 Då fekk Israels-sønerne høyra

at folk sagde: «Sjå, Rubens-sønerne og Gads-sønerne
og helvti av Manasse-ætti hev sett upp eit altar burtmed
Jordankrinsarne, fremst i Kana'ans-landet, på den sida
som høyrer til Israels-sønerne; » 12 og då Israels-
sønerne høyrde det, samla heile lyden seg i Silo, og
vilde fara imot deim med ufred. 13 Men fyrst sende dei
Pinehas, son åt Eleazar, øvstepresten, til Gileadlandet,
14 og saman med honom ti fyrstar, som var or kvar
sitt fylke i Israel og hovdinger yver kvar si grein av
Israels-ætterne. 15 Då so dei kom til Gileadlandet og
fann Rubens-sønerne og Gads-sønerne og helvti av
Manasse-ætti, tala dei soleis til deim: 16 «So segjer
heile Herrens lyd: «Kva er dette for svik de no hev
gjort mot Israels Gud, med di de no hev vendt dykk
burt ifrå Herren og bygt dykk eit altar? Kvifor hev de no
sett dykk upp imot Herren? 17 Var det'kje nok med det
brotet me gjorde då me heldt oss til Peor, so ulukka
kom yver Herrens lyd? Det brotet hev me endå ikkje
reinsa oss frå, 18 og so vender de dykk no burt frå
Herren! Men set de dykk i dag upp imot Herren, so
fær heile Israel i morgon kjenna hans vreide. 19 Eller
tykkjer de det er ureint det landet de hev fenge til
eigedom, so kom berre yver til Herrens eige land,
der som Herrens hus stend, og få dykk ein bustad
millom oss, men set dykk ikkje upp imot Herren, og set
dykk ikkje upp imot oss, med di de byggjer dykk eit
altar umfram altaret åt Herren, vår Gud! 20 For ikkje
Akan Zerahsson og med svik då han tok av det som
var vigt! Då råma vreiden heile Israels-lyden, og han
var ikkje den einaste som laut døy for det brotet han
hadde gjort.»» 21 Då tok Rubens-sønerne og Gads-
sønerne og halve Manasse-ætti til ords og tala so til
hovdingarne yver Israels-ætterne: 22 «Herren, den
allvelduge Gud, veit det, ja Herren, den allvelduge
Gud, han veit det, og Israel skal vita det, at det ikkje
var i tråss og utruskap mot Herren 23 me bygde oss eit
altar, og ikkje på den måten at me vilde venda oss burt
frå Herren; var det det, so gjev du ikkje vilde hjelpa oss
i dag! Ikkje heller var altaret bygt til å ofra brennoffer
eller grjonoffer eller bera fram takkoffer på; var det so,
då hemne Herren sjølv seg på oss! 24 Men det var ein
ting me var rædde, difor gjorde me dette: me tenkte
borni dykkar ein gong kunde koma til å segja til våre
born: «Kva hev de å gjera med Herren, Israels Gud?
25 Hev'kje Herren sett eit skilmerke, Jordan, millom
oss og dykk, de Rubens-søner og Gads-søner! De
eig ikkje med i Herren.» Soleis kunde borni dykkar få
våre born til å halda upp med å ottast Herren. 26 So
kom me på at me vilde byggja dette altaret, ikkje til
brennoffer eller slagtoffer, 27 men det skulde vera eit
vitne millom oss og dykk og millom dei ætterne som
kjem etter oss, at me vil tena Herren for hans åsyn
med brennofferi og slagtofferi og takkofferi våre, so
ikkje borni dykkar ein gong skal segja til våre born: «De
eig ikkje med i Herren!» 28 Skulde dei nokosinne segja
sovore med oss eller etterkomararne våre, tenkte me,
so vil me svara: «Sjå på det likjendet av Herrens altar
som federne våre hev gjort, ikkje til å ofra brennoffer
eller slagtoffer på, men til eit vitne millom oss og
dykk!» 29 Aldri kunde det sviva oss i hugen at me no
vilde setja oss upp imot Herren og venda oss burt
ifrå honom og byggja noko altar til brennoffer eller
grjonoffer eller slagtoffer umfram det altaret som stend
framfor huset åt Herren, vår Gud.» 30 Då Pinehas,
presten, og styresmennerne for lyden, og hovdingarne
yver Israels-ætterne, som var med honom, høyrde
kva Rubens-sønerne og Gads-sønerne og Manasse-
sønerne sagde, lika dei det vel; 31 og Pinehas, son åt
Eleazar, øvstepresten, sagde til Rubens-sønerne og
Gads-sønerne og Manasse-sønerne: «No kann me
skyna at Herren er midt imillom oss, sidan de ikkje
hev gjort dette sviket imot honom; dermed hev de
berga Israels-sønerne or Herrens vald.» 32 So skildest
Pinehas Eleazarsson og hovdingarne med Rubens-
sønerne og Gads-sønerne, og for frå Gileadlandet
heim att til Kana'ans-landet, til Israels-sønerne, og
sagde frå kva svar dei hadde fenge. 33 Og Israels-
sønerne tykte godt um svaret; dei takka Gud og tenkte
ikkje lenger på å taka ut i strid mot Rubens-sønerne
og Gads-sønerne og øyda landet dei budde i. 34 Men
Rubens-sønerne og Gads-sønerne kalla det altaret
Vitne: «Eit vitne», sagde dei, «skal det vere imillom at
Herren er den sanne Gud.»

**23** Då lang tid var lidi, og Herren hadde late Israel
få fred for alle fiendar rundt ikring, og Josva var
gamall vorten og ut i åri komen, 2 då kalla Josva i
hop heile Israel, styresmennerne og hovdingarne og
domarane og formennerne deira, og sagde med deim:
No er eg gamall og langt fram i åri; 3 og de hev sjølve
set alt det Herren hev gjort med alle dei folki som laut
røma for dykk; for det var Herren, dykkar Gud, som
stridde for dykk. 4 Dei veit eg hev luta ut åt dykk, ætt
for ætt, dei riki som endå er att, og like eins alle deim
eg hev lagt i øyde, frå Jordan og til Storhavet der soli
gjeng ned. 5 Herren, dykkar Gud, skal sjølv støyta
desse folki ut og driva deim burt for dykk, og de skal få
eigna til dykk landet deira, soleis som Herren, dykkar
Gud, hev lova dykk. 6 So ver no urikkeleg støde til å
halda og gjera alt det som er skrive i lovboki åt Moses!
Vik aldri av ifrå det, korkje til høgre eller vinstre! 7 Gjev
dykk ikkje i lag med desse folki, deim som er att hjå
dykk! Tak ikkje namnet åt gudarne deira på tunga, sver
ikkje ved deim, ten deim ikkje, og bed ikkje til deim, 8
men haldt fast ved Herren dykkar Gud, soleis som de

hev gjort til denne dag! 9 Difor dreiv Herren ut for dykk
store og sterke folkeslag, og ingen hev til dessa vore
god til å standa seg mot dykk. 10 Ein einaste av dykk
kunde jaga tusund; for det var Herren, dykkar Gud,
som stridde for dykk, soleis som han hadde lova. 11
So agta no vel på dykk sjølve, so sant de hev livet
kjært, og elska Herren, dykkar Gud! 12 For fell de ifrå,
og held lag med dei folki som endå er att hjå dykk, og
de gifter born i hop og blandar dykk med kvarandre,
13 so skal de vita for visst at Herren, dykkar Gud, aldri
vil driva desse folki ut for dykk; men dei skal verta til ei
snara og ei fella for dykk, og til ei svipa yver ryggen og
tornar i augo dykkar, til dess de vert utrudde or dette
gilde landet som Herren, dykkar Gud, hev gjeve dykk.
14 No fer eg snart den vegen alt her på jordi lyt fara.
Kom då i hug, og lat det aldri ganga dykk or minne,
at ikkje eit einaste av alle dei gode ordi som Herren,
dykkar Gud, hev lyst yver dykk, hev vorte um inkje;
alt hev gjenge fram; aldri eit ord hev vorte um inkje.
15 Men liksom det hev gjenge etter alle dei gode ordi
som Herren, dykkar Gud, hev tala til dykk, soleis skal
Herren lata alt det vonde han hev truga med koma
yver dykk, til han hev rudt dykk ut or dette gilde landet
som han hev gjeve dykk. 16 Bryt de sambandet med
Herren, dykkar Gud, det som han hev sagt at det skal
halda, og gjeng de av og tener andre gudar og bed til
deim, då skal Herrens harm loga imot dykk, og de skal
vonom snøggare verta utrudde or det gilde landet han
hev gjeve dykk.

**24** So samla Josva alle Israels-ætterne i Sikem,
og kalla til seg styresmennerne i Israel og
hovdingarne og domarane og formennerne deira, og
dei steig fram for Guds åsyn. 2 Då tala Josva soleis til
heile lyden: «So segjer Herren, Israels Gud: «På hi sida
Storelvi budde i gamle dagar federne dykkar, millom
deim Tarah, far åt Abraham og Nahor, og dei tente
framande gudar. 3 Og eg henta Abraham, ættefaren
dykkar, frå hi sida åt elvi og førde honom ikring i heile
Kana'ans-landet; og eg auka ætti hans, og gav honom
Isak. 4 Og Isak gav eg Jakob og Esau: Esau let eg få
Se'irfjellet til eigedom, men Jakob og sønerne hans for
ned til Egyptarland. 5 Sidan sende eg Moses og Aron,
og heimsøkte egyptarane med dei plågorne de veit, og
so førde eg dykk ut. 6 Då eg no førde federne dykkar ut
or Egyptarland, kom de til sjøen; men egyptarane sette
etter deim til Sevhavet med vogner og hestfolk. 7 Då
ropa dei til Herren, og han sende eit tett myrker millom
dykk og egyptarane, og let havet slå i hop yver deim og
grava deim ned. Med eigne augo såg de kva eg gjorde
i Egyptarland. Sidan var de lenge i øydemarki. 8 So
førde eg dykk inn til landet åt amoritarne, som budde
austanfor Jordan, og dei stridde mot dykk, men eg gav
deim i dykkar hender; de eigna til dykk landet deira, og
eg rudde deim ut for dykk. 9 Balak Sipporsson, kongen
i Moab, budde seg til strid og tok på Israel; han sende
bod på Bileam Beorsson, og bad honom lysa våbøn
yver dykk; 10 men eg vilde ikkje lyda etter Bileam,
og han laut velsigna dykk; soleis berga eg dykk ifrå
honom. 11 So for de yver Jordan, og kom til Jeriko, og
Jeriko-buarne stridde mot dykk, og det same gjorde
amoritarne og perizitarne og kananitarne og hetitarne
og girgasitarne, hevitarne og jebusitarne; men eg gav
deim i dykkar hender. 12 Ein kvefsesvarm sende eg
fyre dykk, og dei støkte deim burt for dykk, liksom båe
amoritarkongarne; det var ikkje med sverdet ditt eller
bogen du dreiv deim ut. 13 Eg gav dykk eit land som du
ikkje hev havt noko stræv med, og byar som ikkje de
hev bygt, og der sette de dykk ned; de et av vinhagar
som de ikkje sjølve hev stelt til, og av oljetre som de
ikkje hev sett.» 14 So ber då age for Herren og ten
honom ærleg og trufast! Skil dykk av med dei gudarne
som federne dykkar dyrka på hi sida Storelvi og i
Egyptarland, og ten Herren! 15 Men hev de ikkje hug
til å tena Herren, so vel i dag kven de vil tena, anten
dei gudarne som federne dykkar austanfor Storelvi
tente, eller gudarne åt amoritarne, som åtte det landet
de bur i! Men eg og mitt hus me vil tena Herren.» 16
Då svara folket so: «Å, nei, aldri kunde me koma på
slikt som å falla frå Herren og tena andre gudar! 17
For Herren er vår Gud! Han var det som førde oss
og federne våre ut or Egyptarlandet, or slavehuset,
og som gjorde desse store teikni for augo våre, og
vara oss på heile den vegen me for og millom alle dei
folkeslagi me laut framum. 18 Herren var det som dreiv
burt for oss amoritarne som budde her i landet, og alle
dei andre folki. Me og vil tena Herren; for han er vår
Gud.» 19 «De er ikkje god til å tena Herren, » sagde
Josva, «for han er ein heilag Gud; ein streng Gud
er han; han vil ikkje hava tol med broti og synderne
dykkar. 20 Fell de frå Herren og tener framande gudar,
då kjem han til å taka ei onnor leid, og lata det ganga
dykk ille og gjera ende på dykk, kor mykje godt han
fyrr hev gjort dykk.» 21 «Jau, me vil tena Herren, »
svara folket. 22 Då sagde Josva til folket: «So vitnar
de då mot dykk sjølve at de hev valt Herren og vil tena
honom.» «Ja, det vitnar me, » svara dei. 23 «Hav då
burt dei framande gudarne som er hjå dykk, » sagde
Josva, «og bøyg hjarta dykkar innåt Herren, Israels
Gud!» 24 Og folket svara: «Ja, Herren, vår Gud, vil me
tena, og hans ord vil me lyda.» 25 Den dagen gjorde
Josva ei pakt med folket. Der i Sikem sette han deim
lov og rett, 26 og skreiv alt upp i Guds lovbok. So tok
han ein stor stein og reiste upp under ei eik som stend
frammed heilagdomen åt Herren, 27 og tala soleis til

heile folket: «Denne steinen skal vera vitne imot oss,
han hev høyrt kvart ord som Herren hev tala med oss,
og han skal vera vitne mot dykk, so de ikkje gløymer
Herren, dykkar Gud.» **28** So bad Josva farvel med
folket, og dei for heim att, kvar til sin eigedom. **29** Ei
tid etter dette hadde hendt, andast Josva Nunsson,
Herrens tenar; han var då hundrad og ti år gamall.
**30** Han vart gravlagd på sin eigen gard og grunn, i
Timnat-Serah på Efraimsheidi, nordanfor Ga'asfjell. **31**
Israel tente Herren so lenge Josva var til, og so lenge
dei gamle var til som livde etter Josva og kjende til
alt det som Herren hadde gjort for Israel. **32** Beini åt
Josef, som Israels-sønerne hadde ført med seg frå
Egyptarland, gravla dei attmed Sikem, på den marki
som Jakob hadde kjøpt av sønerne åt Hemor, far hans
Sikem, for hundrad gullpenger, og som Josefs-borni
hadde fenge til odel og eiga. **33** Sidan døydde Eleazar,
son åt Aron, og vart gravlagd i Gibea på Efraimsheidi,
ein by som hadde vorte gjeven åt Pinehas, son hans.

# Dommernes

**1** Då Josva var avliden, spurde Israels-sønerne
Herren: «Kven av oss skal taka fyrst ut i striden
mot kananitarne?» **2** Og Herren svara: «Juda skal
taka ut. No gjev eg landet i hans hender!» **3** Då sagde
Juda med Simeon, bror sin: «Ver med meg til min
lut, og lat oss båe strida mot kananitarne, so skal
eg vera med deg til din lut.» Og Simeon vart med
honom. **4** So tok Juda-sønerne ut, og Herren gav
kananitarne og perizitarne i henderne deira; dei slo
deim i Bezek og felte ti tusund mann. **5** I Bezek møtte
dei Adoni-Bezek, og dei stridde mot honom og slo
kananitarne og perizitarne. **6** Adoni-Bezek rømde;
men dei sette etter honom, og tok honom og hogg
av honom tumarsfingrarne og stortærne. **7** Då sagde
han: «Sytti kongar med avhogne tumarsfingrar og
stortær sanka smular under mitt bord. No hev Gud
gjeve meg like for det eg gjorde!» So førde dei honom
til Jerusalem, og der døydde han. **8** Juda-sønerne
kringsette Jerusalem, og tok byen, og øydde honom
med odd og egg, og sette eld i husi. **9** Sidan for dei
ned og stridde mot dei kananitarne som budde i fjell-
landet og i Sudlandet og i låglandet. **10** Fyrst gjekk
dei mot kananitarne som budde i Hebron - Hebron
heitte fyrr i tidi Kirjat-Arba - og dei slo Sesai og Ahiman
og Talmai. **11** So gjekk dei mot Debir-buarne. - Debir
heitte fyrr i tidi Kirjat-Sefer - **12** Då sagde Kaleb: «Den
som kann taka Kirjat-Sefer, skal få Aksa, dotter mi.»
**13** Otniel, son åt Kenaz, Kalebs yngre bror, tok byen,
og fekk Aksa, dotter hans Kaleb. **14** Då so ho skulde
flytja heim til honom, eggja ho honom til å beda far
hennar um ein jordveg, og sjølv hoppa ho ned av
asnet. «Kva er det du vil?» spurde Kaleb. **15** «Lat
meg få ei velfargåva!» svara ho. «Du hev gift meg burt
til dette turre Sudlandet; gjev meg no vatskjeldor!»
So gav han henne Øvregullot og Nedregullot. **16**
Etterkomarane etter keniten, verbror åt Moses, for med
Juda-sønerne frå Palmestaden upp til Judaheidi som
ligg sunnanfor Arad, og vart buande der saman med
folket. **17** Sidan gjekk Juda med Simeon, bror sin,
og dei vann yver kananitarne som budde i Sefat. Dei
bannstøytte byen; difor heitar han no Horma. **18** Og
Juda-mennerne tok Gaza og Askalon og Ekron med
alt landet som låg til dei byarne. **19** Herren var med
Juda-sønerne, og dei lagde under seg fjellbygderne;
men dei var ikkje god til å driva ut slettebuararne; for
dei hadde jarnvogner. **20** Dei gav Hebron til Kaleb,
som Moses hadde sagt, og han dreiv dei tri Anaks-
sønerne ut or bygdi. **21** Benjamins-sønerne dreiv ikkje
ut jebusitarne som budde i Jerusalem; jebusitarne vart
buande i Jerusalem saman med Benjamins-sønerne
og hev butt der til denne dag. **22** Josefs-ætti tok og ut i
striden; dei gjekk mot Betel, og Herren var med deim.
**23** Då dei låg på vakt kring Betel - den byen heitte fyrr i
tidi Luz - **24** fekk spæjarane deira sjå ein mann som
kom ut or byen. Og dei sagde til honom: «Kjære, syn
oss kvar me kann koma inn i byen, so skal me gjera
vel mot deg!» **25** So synte han dei kvar dei kunde
koma inn, og dei øydde byen med odd og egg, men
mannen og heile ætti hans let dei fara sin veg. **26** Han
for til Hetitarlandet, og bygde ein by; den kalla han
Luz, og det namnet hev byen havt til denne dag. **27**
Manasse øydde ikkje Bet-Sean og Ta'anak og Dor
og Jibleam og Megiddo og bygderne som låg under
dei byarne, og kananitarne var god til å halda seg
der i landet. **28** Då Israels-folket vart sterkare, tvinga
dei kananitarne til å træla for seg, men dreiv deim ut
gjorde dei ikkje. **29** Efraim dreiv ikkje ut kananitarne
som budde i Gezer; kananitarne vart buande millom
Efraims-sønerne i Gezer. **30** Sebulon dreiv ikkje ut
deim som budde i Kitron og i Nahalol; kananitarne
vart buande millom Sebulons-sønerne, men laut gjera
trælearbeid. **31** Asser dreiv ikkje ut dei som budde i
Akko og i Sidon, og øydde ikkje Ahlab og Akzib og
Helba og Afik og Rehob; **32** asseritarne busette seg
millom kananitarne som åtte heime i landet, og dreiv
deim ikkje ut. **33** Naftali-sønerne dreiv ikkje ut deim
som budde i Bet-Semes og i Bet-Anat; dei busette
seg millom kananitarne som åtte heime i landet. Men
folket i Bet-Semes og Bet-Anat laut træla for deim. **34**
Amoritarne trengde Dans-sønerne upp i fjelli, og let
deim ikkje få koma ned på sletta. **35** Sjølve var dei god
til å halda seg i Har-Heres og i Ajjalon og Sa'albim,
men sidan fekk Josefs-ætti yvertaket, og nøydde deim
til å træla for seg. **36** Landskilet åt amoritarne gjekk frå
Skorpionskardet um Knausen og uppetter.

**2** Herrens engel kom frå Gilgal upp til Bokim og
sagde: «Eg henta dykk ut or Egyptarland, og fylgde
dykk til det landet eg lova federne dykkar, og eg sagde:
«Aldri i verdi skal eg brjota mi pakt med dykk, **2** og
de skal ikkje gjera samband med deim som bur her i
landet; de skal riva ned altari deira!» Men de høyrde
ikkje på ordi mine. Kvi gjorde de'kje det? **3** So segjer
eg dykk: Eg vil ikkje driva deim burt for dykk; dei skal
vera til broddar i sidorne dykkar, og gudarne deira skal
verta ei snara for dykk.» **4** Soleis tala Herrens engel til
alle Israels-sønerne. Då gret folket høgt; **5** difor kalla
dei den staden Bokim. Der ofra deim til Herren. **6**
Då Josva hadde bede farvel med folket, og Israels-
sønerne var farne heim, kvar til sin odel, for å eigna til
seg landet, **7** då tente folket Herren so lenge Josva var
til, og so lenge dei gamle var til, som livde etter Josva,
og hadde set alle dei storverk Herren hadde gjort

for Israel. 8 Men då Josva Nunsson, Herrens tenar,
var slokna, hundrad og ti år gamall, 9 og dei hadde
gravlagt honom på hans eigen gard og grunn i Timnat-
Heres i Efraimsheidi, nordanfor Ga'asfjell, 10 og då
heile den ætti var fari til federne sine, og det stod fram
ei ny ætt, som ikkje kjende Herren og ikkje visste kva
han hadde gjort for Israel, 11 då gjorde Israels-sønerne
det som var Herrens imot, og dyrka Ba'als-bilæti; 12
dei vende seg frå Herren, sin fedregud, som hadde ført
deim ut or Egyptarlandet, og heldt seg til andre gudar,
gudarne åt grannefolki, og låg på kne for deim, og arga
Herren; 13 dei vende seg frå Herren og dyrka Ba'al og
Astarte-bilæti. 14 Då vart Herren brennande harm på
Israel, og gav deim i henderne på røvarar, som herja
deim; han slepte deim i henderne på uvenerne deira
rundt um, og dei kunde ikkje lenger standa seg mot
fiendarne. 15 Kvar dei for fram, var Herrens hand imot
deim, so det gjekk deim ille, som Herren hadde sagt
deim, og som Herren hadde svore, og dei kom i stor
naud. 16 Då vekte Herren upp domarar, som berga
deim frå røvararne. 17 Men dei lydde ikkje domarane
sine heller, og heldt seg med andre gudar, og låg
på kne for deim; dei tok snart ut av den vegen som
federne deira hadde fylgt; for dei lydde Herrens bod,
men so gjorde ikkje desse. 18 Og kvar gong Herren let
ein domar standa fram millom deim, so var Herren
med domaren, og berga deim frå uvenerne deira so
lenge domaren livde; for Herren ynkast yver deim når
dei sukka og stunde for di dei vart tvinga og trælka. 19
Men ikkje fyrr var domaren burte, fyrr dei fall ifrå att, og
for endå verre åt enn federne sine, heldt seg til andre
gudar, og dyrka deim, og bad til deim; dei lagde'kje
ned noko av det vonde dei hadde fyre seg, eller av si
tråssuge framferd. 20 Då vart Herren harm på Israel,
og han sagde: «For di dette folket hev brote den pakti
eg gjorde med federne deira, og ikkje hev lydt mine
ord, 21 so vil ikkje eg heller hjelpa deim meir, og ikkje
driva ut noko av dei folki som Josva let vera att då
han døydde; 22 med deim skal Israel røynast um dei
vilde halda seg etter Herrens vegar og ganga på deim,
som federne deira gjorde.» 23 Soleis var det Herren let
desse folki få vera, og ikkje straks dreiv deim ut, og
ikkje gav deim i Josvas hender.

**3** No skal me nemna dei folki som Herren let vera
att til å røyna Israel med - dei Israels-mennerne
som ikkje hadde vore med i nokon av Kana'ans-
krigarne - 2 berre av di han vilde dei komande Israels-
ætter skulde få vit på å strida, og vilde læra deim
det, deim som ikkje kunde det fyrr. 3 Det var dei
fem filistarfyrstarne og alle kananitarne og sidonarane
og hevitarne som budde på Libanonfjelli, frå Ba'al-
Hermonfjellet til Hamatvegen. 4 Deim var det Israel
skulde røynast med, so det kunde syna seg um dei
vilde lyda Herrens bod, som Moses hadde kunngjort
federne deira. 5 So budde no Israels-sønerne midt
ibland kananitarne og hetitarne og amoritarne og
perizitarne og hevitarne og jebusitarne; 6 dei tok
døtterne deira til konor og gav døtterne sine til sønerne
deira, og dyrka gudarne deira. 7 Israels-sønerne gjorde
det som var Herren imot; dei gløymde Herren, sin
Gud, og dyrka Ba'als- og Astarte-bilæti. 8 Då vart
Herren brennande harm på Israels-sønerne; han slepte
deim i henderne på Kusan-Risatajim, kongen i Aram-
Naharajim, og Israel laut tena Kusan-Risatajim i åtte
år. 9 Då ropa Israels-sønerne til Herren, og Herren
let ein hjelparmann standa fram hjå deim og hjelpa
deim; det var Otniel, son åt Kenaz, Kalebs yngre
bror. 10 Herrens Ande kom yver honom, og han tok
styringi i Israel. So drog han ut i striden, og Herren
gav Kusan-Risatajim, Aram-kongen, i henderne hans;
han vann yver Kusan-Risatajim, 11 og sidan hadde
landet fred i fyrti år. So døydde Otniel, son åt Kenaz.
12 Men Israels-sønerne gjorde på nytt det som var
Herren imot, og Herren gav Eglon, Moabs-kongen,
magt yver deim, for di dei gjorde det som var Herren
imot. 13 Eglon fekk med seg Ammons-sønerne og
amalekitarne; so drog han ut, og slo Israel, og dei
tok Palmestaden. 14 Israels-sønerne laut tena Eglon,
Moabs-kongen, i attan år. 15 Då ropa dei til Herren,
og Herren sende dei ein hjelpar, Ehud Gerason av
Benjamins-ætti, ein keivhendt mann. Israels-sønerne
sende Ehud med gåvor til Eglon, kongen i Moab. 16
Då gjorde han seg eit sverd som var tvieggja og ei
aln langt, og spente det på seg under klædi sine, på
høgre sida; 17 so førde han gåvorne fram til Eglon,
Moabs-kongen. Eglon var ein ovtjukk mann. 18 Då
Ehud hadde greidt frå seg gåvorne, let han folki som
hadde bore deim fara heim att; 19 men sjølv snudde
han um ved gudebilæti som stod innmed Gilgal, og
for attende og sagde: «Eg hev eit løyndarbod til deg,
konge!» «Hyss, » sagde kongen: Då gjekk dei ut alle
deim som stod kringom honom. 20 Som han no sat
åleine i den svale høgstova si, gjekk Ehud fram for
honom og sagde: «Eg hev eit bod til deg frå Gud!» Då
reiste han seg av stolen. 21 Og Ehud rette ut vinstre
handi, og greip sverdet han bar ved høgre sida, og
rende det i livet på honom, 22 so handtaket for med inn
etter bladet; og feittet gjekk i hop att kring bladet; for
han drog ikkje sverdet ut att or livet hans. So gjekk han
ut i svali. 23 Då Ehud var komen ut i svalgangen, let
han høgelofts-døri att etter seg, og stengde henne vel,
24 og so gjekk han sin veg. Straks etter kom tenarane,
men då dei såg at døri var læst, sagde dei: «Han er
visst for seg sjølv i svalkammerset!» 25 Dei venta til

dei var reint leide av seg; men han let ikkje upp døri til
høgeloftet. So tok dei lykelen, og let upp; då fekk dei
sjå at herren deira låg livlaus på golvet. 26 Medan dei
tøvra, slapp Ehud undan, og for framum gudebilæti, og
nådde Se'ira. 27 Då han kom til Efraimsheidi, bles han
i luren; då for Israels-sønerne med han ned av heidi,
og han gjekk fyre. 28 «Skunda dykk etter meg!» sagde
han: «For Herren hev gjeve fiendarne, moabitarne, i
henderne dykkar.» So fylgde dei honom ned til Jordan,
og stengde vadi for moabitarne, og let ingen sleppa
yver. 29 Den gongen felte dei ikring ti tusund moabitar,
som alle var sterke og djerve menner; ikkje ein kom
seg undan. 30 Moab laut den dagen bøygja seg under
Israels velde, og sidan hadde landet fred i åtteti år. 31
Etter Ehud kom Samgar, son åt Anat. Han felte seks
hundrad mann av filistarane, med piggstaven som han
dreiv uksarne med; han og berga Israel.

**4** Då Ehud var burte, gjorde Israels-sønerne atter
det som var Herren imot. 2 Då slepte han deim
i henderne på Jabin, kananitarkongen. Jabin hadde
kongssætet sitt i Hasor. Hovdingen yver heren hans
heitte Sisera; han budde i Haroset-Haggojim. 3 Og
Israels-sønerne ropa til Herren; for Sisera hadde ni
hundrad jarnvogner, og han trengde Israels-sønerne
hardt i tjuge år. 4 I den tidi var Debora, kona åt
Lappidot, domar i Israel. Ho var ei viskona, 5 og sat
jamleg under eit palmetre millom Rama og Betel på
Efraimsheidi - det treet vart heitande Deborapalma - og
Israels-sønerne kom upp til henne, so ho skulde skifta
rett millom deim. 6 Ho sende bod etter Barak, son
åt Abinoam, frå Kedes i Naftalifylket, og sagde med
honom: «Høyr no kva Herren, Israels Gud, segjer til
deg: «Tak ut, og drag upp på Taborfjellet, og hav med
deg ti tusund mann av Naftali- og Sebulons-ætterne!
7 Og eg skal draga Sisera, hovdingen yver Jabins-
heren, burtåt deg til Kisonåi med vognerne og heile
horgi hans, og gjeva honom i dine hender.»» 8 Då
svara Barak: «Gjeng du med meg, so skal eg taka
ut, men gjeng du ikkje med, so gjeng ikkje eg heller.»
9 «Visst skal eg ganga med deg, » sagde Debora,
«men då fær ikkje du æra for den ferdi du tek ut på; for
Herren skal gjeva Sisera i kvendehand.» So gjorde
ho seg reidug og vart med Barak til Kedes. 10 Og
Barak stemnde Sebulon og Naftali i hop til Kedes; ti
tusund mann fylgde etter honom, og Debora var med.
11 Den gongen hadde Heber, ein av kenitarne, som
var ætta frå Hobab, verbror åt Moses, skilt lag med
ætti si, og no flutte han med tjeldbuderne sine alt burt
til Besa'annim-eiki som stend innmed Kedes. 12 Då
Sisera fekk spurt at Barak Abinoamsson var faren upp
på Taborfjellet, 13 baud han ut stridsmagti si, og for
med alle vognerne sine, ni hundrad jarnvogner, og
alt folket han hadde med seg, frå Haroset-Haggojim
til Kisonåi. 14 Då sagde Debora til Barak: «Kom no!
For i dag vil Herren gjeva Sisera i dine hender. Veit
du'kje at Herren gjeng fyre deg i striden?» So for Barak
ned av Taborfjellet, og det fylgde honom ti tusund
mann. 15 Og Herren sette ein støkk i Sisera og alle
vognkjemporne og heile heren hans, so dei ikkje kunde
standa seg for Barak og sverdet hans; då steig Sisera
ned av vogni, og rømde på sin fot. 16 Men Barak elte
vognerne og heren alt til Haroset-Haggojim, og heile
Sisera-heren fall for sverdet; det vart'kje att ein einaste
mann. 17 Sisera rømde på sin fot til tjeldbudi hennar
Jael, kona åt Heber, keniten; for det var fred millom
Jabin, Hasor-kongen, og ætti åt Heber. 18 Og Jael
gjekk ut imot Sisera, og sagde: «Kom inn, herre, kom
inn til meg! Du tarv ikkje vera rædd!» Då gjekk han
inn i tjeldbudi til henne, og ho gøymde honom under
felden. 19 So sagde han: «Kjære væne, gjev meg litt
vatn! Eg er tyrst.» Då opna ho mjølkeflaska og gav
honom drikka og breidde på honom. 20 Og han sagde
til henne: «Statt i budøri, og kjem det einkvar og spør
deg um her er nokon, so seg: Nei!» 21 Då var det Jael,
kona åt Heber, tok ein tjeldnagle, og gjekk stilt inn til
Sisera med hamaren i handi, og med han, trøytt som
han var, låg i fastaste svevnen, slo ho naglen gjenom
tunnvangen hans, so han gjekk ned i jordi. Soleis
døydde han. 22 I same bilet kom Barak og søkte etter
Sisera. Då gjekk Jael ut imot honom og sagde: «Kom,
so skal eg syna deg den mannen du leitar etter!» So
gjekk han inn til henne, og då fekk han sjå at Sisera
låg livlaus på jordi, med naglen gjenom tunnvangen.
23 Den dagen bøygde Gud Jabin i kne for Israel; 24 og
Israels hand låg tyngre og tyngre på Jabin, Kana'ans-
kongen, til dei reint gjorde ende på honom.

**5** Den gongen song Debora og Barak Abinoamsson
dette kvædet: 2 «For fyrstarn' fyrst i striden gjekk,
og folket viljugt møtte fram, pris Herren, Israel! 3 Høyr
kongar! Hovdingar, gjev gaum! For Herren eg eit kvæde
kved. For Herren, Gud åt Israel, ein song eg syngja vil.
4 Då, Herre, du frå Se'ir for, frå Edomsflyerne skreid
fram. Då ristest jordi, himlen draup, regnet or skyi raut.
5 For Herrens åsyn fjelli skalv - sjå Sinaifjellet der, det
skalv for han, Israels Gud. 6 I Samgars, Anats-sonens
old. Og Jaels, vegarn' aude var, og ferdamennern' fara
laut på krokut fjellstig fram. 7 Ein førar fattast Israel, ein
førar, alt til du steig fram, til du steig fram, Debora, som
ei mor i Israel. 8 Gud valde nye styrarar; då stod det
strid i portarne: Ein såg'kje skjold og ikkje spjot hjå fyrti
tusund hermenn i heile Israel. 9 Hjå hovdingarn' i Israel
er hugen min, hjå Herren som friviljug møtte fram til
strid! Lov Herren, Israel! 10 De som på gulblakk gangar
rid, på høgjende i stova sit, og etter jamne vegen

gjeng, røyst i, og syng ein song! 11 Syng høgt som
bogeskyttararn' når dei ved brunnen sit og kved! Der
prisar dei Guds vise verk, kor vist han førde Israel. Den
gongen Herrens eige folk til portarne for ned. 12 Vakn
upp, vakn upp, Debora, vakn upp, eit kvæde kved!
Statt upp, Barak, før fangarn' burt, son åt Abinoam! 13
Då for ein hop til fyrstarn' ned Med kjemporn' Herrens
folk steig ned: 14 Av deg, Efraim, dei som fyrst rot
feste på Amaleksfjell. Og etter deg kom Benjamins
flokk med folki dine fylgje heldt; av Makir styresmenn
steig ned, og ifrå Sebulon dei som gjeng fram med
førarstav i hand; 15 dei fyrstar av Issakar i fylgje med
Debora kom, og Barak - i hans fotfar flaug dei i dalen
ned. Ved Rubensbekkjerne dei tok i tankar so raust ei
råd. 16 Kvi vart du sitjande i ro på kvii di og lydde på
med hjuringarn' i fløyta let? - Ved Rubensbekkjerne dei
la i tankarn' lenge råd. 17 Gilead, burtum Jordanå gjev
han seg roleg til, og Dan kvi drygjer han der skutorn'
ligg? Ved sjøsidi sit Asser still, i hamni held han seg.
18 Men Sebulon, det er ein lyd som lite vyrder livet sitt,
og like eins Naftali, han som på høge heider bur. 19
Då kom kongarn' og stridde, kananitarkongarn' stridde
i Tana'ak, ved Megiddovatnet; sylv vann dei visst ikkje.
20 Ned frå himlen stjernorn' stridde frå dei høge skeidi
sine imot Sisera dei stridde. 21 Kisonåi burt deim
førde. Åi fræg frå forne dagar - Kisonåi! Stig fram, mi
ånd, med styrk! 22 Hardt slo hestehovarn' i marki, med
kjemporne køyrde, køyrde av stad i strjukande tan. 23
«Bann Meroz, » Herrens engel sa, «bann deim som
bur der, bann deim burt! Dei kom'kje Herrens her til
hjelp. Dei hjelpte ikkje kjemporn' hans.» 24 Velsigna
ver i kvendeflokk Jael, Hebers, kenitens, viv! Framum
kvar kvinna som i buder bur, velsigna vere ho! 25 Vatn
bad han um, mjølk gav ho han; i briki skål baud ho
han skyr. 26 Med vinstre hand ho naglen triv, med
høgre smidjehamaren; i hausen Sisera ho slog, og
hamra hovudet hans sund, tunnvangen hans slo ho
i knas, og naglen tvert igjenom dreiv. 27 For føtern'
hennar seig han ned, fram stupt' han, og på jordi låg;
for føtern' hennar seig han ned; der han seig ned der
låg han - daud. 28 Gjenom vindauga ser ho, Siseras
mor, gjenom glaset glor ho, og kvin: «Kva ventar vogni
hans etter? Kvi tøvrar tråvaran' hans?» 29 Svarar dei
klokaste fruorne hennar, og sjølv og gjev ho seg svar:
30 «Visst finn dei herfang, og skifter: Ei møy, tvo møyar
til manns, farga klæde åt Sisera, farga klæde og krota;
ein farga kjol, tvo krota tjeld for kvar ei herteki kvinna.»
31 Gjev, Herre, at uvenern' dine må alle so ganga til
grunnar, og dei deg elskar må vera som soli stig upp i
sitt velde.» Sidan hadde landet fred i fyrti år.

**6** Men Israels-sønerne gjorde det som var Herren
imot. Då gav han deim i Midjans hender. 2 I sju år
hadde midjanitarne yvermagti yver Israel; det var for
deira skuld Israels-sønerne gjorde seg dei løyndeholi
som er i åsarne, og hellerarne og fjellborgerne. 3 Kvar
gong Israel hadde sått, kom Midjan yver deim, og like
eins Amalek og austmennerne; 4 dei lægra seg midt
imot deim og øydde grøda i landet radt burtåt Gaza, og
leivde ikkje ein matbite i Israel, og ingen sau, eller ukse,
eller asen. 5 For dei kom dragande med buskapen og
tjeldbuderne sine, so tett som grashoppar; det var'kje
tal på deim og kamelarne deira, og kvar dei for fram,
lagde dei landet i øyde. 6 Israel vart reint utarma av
herjingarne deira, og Israels-sønerne ropa til Herren. 7
Då Israels-sønerne ropa til Herren for Midjans skuld, 8
då sende Herren ein profet til deim, og han sagde:
«So segjer Herren, Israels Gud: «Eg førde dykk upp
frå Egyptarland, og henta dykk ut or slavehuset, 9 og
fria dykk frå egyptarane og frå alle deim som for ille
med dykk; eg jaga deim burt for dykk, og gav dykk
landet deira; 10 og eg sagde til dykk: «Eg er Herren,
dykkar Gud; de skal ikkje ottast gudarne åt amoritarne,
som åtte det landet de bur i!» Men de høyrde ikkje på
ordi mine.»» 11 Og Herrens engel kom og sette seg
under den eiki som stend i Ofra, der Joas av Abiezer-
ætti rådde. Gideon, son åt Joas, stod då i vinpersa
og banka utor noko kveite, so han kunde få berga
det for midjanitarne. 12 Og Herrens engel synte seg
for honom, og sagde til honom: «Herren er med deg,
du djerve kjempa!» 13 «Orsaka, gode herre!» svara
Gideon, «ser Herren med oss, kvi hev då alt dette
hendt oss, og kvar er no alle undergjerningarne hans,
som federne våre fortalde oss um? «Det var Herren
som førde dei ut or Egyptarland!» sagde dei. Men no
hev Herren skuva oss ifrå seg, og gjeve oss i Midjans
vald.» 14 Då snudde Herren seg til honom, og sagde:
«Gakk i veg so sterk som du er, so skal du berga
Israel or Midjans vald. Det er eg som sender deg!»
15 «Orsaka, Herre!» svara Gideon. «Korleis kann eg
berga Israel? Ætti mi er då den veikaste i Manasse, og
sjølv er eg den yngste av folket mitt.» 16 «Eg skal vera
med deg, » sagde Herren, «og du skal slå midjanitarne
ned som ein mann.» 17 Då sagde Gideon: «Hev du
noko godvilje for meg, so gjev meg eit merke på at
det er du som talar med meg! 18 kjære, flyt deg ikkje
herifrå fyrr eg kjem ut til deg med gåva mi og legg
henne fram for deg!» Og han svara: «Eg skal bia til du
kjem att.» 19 So gjekk Gideon inn, og stelte til eit kid,
og tok ei skjeppa mjøl og lagde søtebrød av. Kjøtet
lagde han i gryta, og sodet hadde han i ei krukka. So
bar han det ut til honom under eiki og sette det fram.
20 Då sagde Guds engel til honom: «Tak kjøtet og
søtebrødet, og legg det på dette berget, og slå sodet
utyver!» So gjorde han det. 21 Og Herrens engel rette

fram staven som han hadde i handi, og stakk burti
kjøtet og søtebrødet. Då slo det eld upp or berget, og
øydde kjøtet og brødet, og Herrens engel kvarv burt for
augo hans. 22 Då Gideon såg at det var Herrens engel,
ropa han: «Å Herre min Gud! Korleis skal det ganga
meg, som hev set Herrens engel andlit til andlit!» 23
Men Herren sagde til honom: «Ver trygg! Ver ikkje
rædd! Du skal ikkje døy.» 24 Då bygde Gideon der eit
altar for Herren, og kalla det: «Herren er mi trygd.» Det
altaret stend endå i dag i Ofra, bygdi åt Abiezer-ætti.
25 Um natti sagde Herren til Gideon: «Tak stuten åt far
din, den raude, sjuårsgamle stuten, og riv ned Ba'als-
altaret åt far din, og fell det heilage treet som stend
innmed det! 26 Legg steinarne til rettes, og bygg av
deim eit altar for Herren, din Gud, øvst uppå denne
borgi! Tak so den raude stuten, og brenn honom til eit
offer med veden av det treet som du skal hogga ned!»
27 Då tok Gideon ti av sveinarne sine med seg, og
gjorde som Herren hadde sagt til honom; men han
torde ikkje gjera det um dagen; han var rædd ætti si
og bygdefolket; difor gjorde han det um natti. 28 Då
mennerne i bygdi reis upp um morgonen, fekk dei sjå
at Ba'als-altaret var nedrive, og at det heilage treet
som stod der, var felt, og at den raude stuten var ofra
på det nybygde altaret. 29 Då sagde dei seg imillom:
«Kven kann ha gjort dette?» Og då dei spurde og
granska etter, fekk dei vita at det var Gideon Joasson
som hadde gjort det. 30 So sagde dei til Joas: «Send
son din ut til oss! Han skal døy, for di han hev rive ned
Ba'als-altaret, og for di han hev felt det heilage treet
som stod innmed det!» 31 Men Joas sagde til alle deim
som stod kringum honom: «Vil de tala Ba'als sak? Vil
de hjelpa honom? Den som gjer seg til hans talsmann,
skal lata livet fyrr det vert morgon. Er han Gud, so lat
honom sjølv greida si sak og taka hemn yver den som
hev rive ned altaret hans!» 32 Den dagen fekk Gideon
namnet Jerubba'al, av di dei sagde: «Lat Ba'al hemna
seg på honom for di han hev rive ned altaret hans!»
33 No hadde alle midjanitarne og amalekitarne og
austmennerne samla seg i hop, og dei for yver Jordan,
og lægra seg på Jizre'elsletta. 34 Då kom Herrens
Ande yver Gideon; han bles i luren, og Abiezer-ætti
flokka seg um honom. 35 So sende han bod ut i heile
Manassefylket, og dei samla seg og, og fylgde honom.
Og til Asser og Sebulon og Naftali sende han bod;
og dei for til møtes med Manasse-mennerne. 36 Og
Gideon sagde til Gud: «Er det so at du vil frelsa Israel
ved mi hand, som du hev sagt, 37 so høyr meg: No
legg eg dette sauskinnet på tråkki; kjem det so dogg
berre på skinnet, og heile marki er turr, då veit eg at du
vil berga Israel ved mi hand, som du hev sagt.» 38 Og
soleis vart det. For då han andre morgonen reis upp
og klemde i hop skinnet, vreid han utor det so mykje
dogg at det vart ei heil skål full med vatn. 39 Då sagde
Gideon til Gud: «Ver ikkje vond på meg, um eg talar
endå ein gong! Eg vilde so gjerne få gjera ei prøve til
med skinnet! Kjære, lat skinnet vera turt, med heile
marki er dogga!» 40 Og natti etter gjorde Gud som
han bad! Skinnet heldt seg turt, men heile marki var
dogga.

**7** Jerubba'al - det er den same som Gideon - og
alt folket som var med honom, tok ut tidleg um
morgonen, og lægra seg ved Harodkjelda, og Midjans-
heren låg nordanfor, frå Morehaugen og burtetter legdi.
2 Då sagde Herren til Gideon: «Du hev for mykje folk
med deg! Eg vil'kje gjeva midjanitarne i henderne på
so mange; elles kunde Israel kyta for meg og segja:
«Det er mi eigi hand som hev berga meg!» 3 Ropa no
ut for folket: «Den som er rædd og fælen, kann snu
og fara heim att frå Gileadfjellet!»» Då var det tvo og
tjuge tusund mann som snudde heim, og ti tusund vart
att. 4 Men Herren sagde til Gideon: «Du hev endå for
mykje folk! Lat deim ganga ned til kjelda, so skal eg
røyna deim for deg der, og dei som eg segjer skal vera
med deg, deim skal du taka med, men alle dei som
eg segjer ikkje skal vera med deg, deim skal du ikkje
hava med!» 5 So let han folket ganga ned til kjelda, og
Herren sagde til han: «Alle deim som lepjar vatnet i
seg med tunga liksom hunden, skal du setja for seg,
og sameleis alle deim som legg seg på kne og drikk.»
6 Dei som då førde vatnet til munnen med handi og
lepja, var tri hundrad i talet; alt hitt folket lagde seg
på kne og drakk av vatnet. 7 Og Herren sagde til
Gideon: «Med dei tri hundrad mann som drakk av
handi, vil eg berga dykk og gjeva Midjan i henderne
dine; alt hitt folket kann ganga heim att.» 8 So tok dei
til seg ferdakosten åt folket og lurarne deira; og Gideon
let alle Israels-menner fara heim so nær som dei tri
hundrad; deim hadde han att hjå seg. Midjans-lægret
låg nedanfor honom, i lægdi. 9 Og då det vart natt,
sagde Herren til honom: «Gjer deg reidug og tak på
lægret der nede! Eg gjev det i henderne dine! 10 Er du
rædd, so gakk fyrst ned med Pura, sveinen din! 11 Då
fær du høyra kva dei talar um, og sidan kjem du til å
kjenna deg so sterk, at du torer taka på lægret.» So
gjekk han og Pura, sveinen hans, ned til forpostarne i
lægret. 12 Og midjanitarne og amalekitarne og alle
austmennerne låg i dalen, so tett som grashoppar, og
det var ikkje tal på kamelarne deira; dei var som sand
på havsens strand. 13 Då Gideon kom, var der ein
som fortalde felagen sin ein draum: «No skal du høyra
kva eg hev drøymt!», sagde han: «Eg tykte eg såg ei
byggkaka kom trillande inn i Midjans-lægret, og då ho
kom til tjeldet, skuva ho til det, so det rulla i koll, og

der låg det.» 14 «Dette er'kje noko anna enn sverdet
åt Gideon Joasson, israeliten, » svara hin; «Gud hev
gjeve midjanitarne og heile lægret i henderne hans.»
15 Då Gideon høyrde draumen og uttydingi, lagde han
seg på kne og takka Gud. Han gjekk attende til Israels-
lægret og sagde: «Ris upp! Herren hev gjeve Midjans-
lægret i henderne dykkar!» 16 So skifte han dei tri
hundrad mann i tri flokkar, og gav deim alle lurar og
tome krukkor i henderne; men inni krukkorne var det
kyndlar. 17 Og han sagde til deim: «Sjå etter korleis
eg fer åt, og far de like eins! So snart de ser eg er
komen tett innåt lægret, skal de gjera som eg gjer!
18 Når eg blæs i luren, eg og alle deim som er med
meg, so skal de og blåsa i lurarne dykkar rundt ikring
heile lægret og ropa: «For Herren og for Gideon!»»
19 Gideon og hundrad mann som var med honom, kom
til utkanten av lægret fyrstundes i midnattsvakti; det
var so vidt midjanitarne hadde sett ut vaktpostarne.
Då bles dei i lurarne, og slo sund krukkorne, som dei
hadde i handi; 20 og alle tri flokkarne bles i lurarne
og slo sund krukkorne; med vinstre handi greip dei
kring kyndlarne, og i høgre handi heldt dei lurarne, og
bles i deim og ropa: «Drag sverdet for Herren og for
Gideon!» 21 alt med dei vart standande kvar på sin
stad rundt ikring lægret. Då tok alt som i lægret var til
å renna att og fram og hua og røma, 22 og Herren
laga det so at då dei høyrde ljomen av dei tri hundrad
lurarne, vende dei sverdi sine mot kvarandre. So gjekk
det i heile lægret. Og heren rømde til Bet-Hassitta,
burtimot Serera, til Abel-Meholastrandi framum Tabbat.
23 Men Israels-mennerne av Naftali og Asser og heile
Manasse vart utbodne og sette etter midjanitarne. 24
Og yver heile Efraimsheidi sende Gideon folk som
ropa ut: «Far ned og møt midjanitarne, og steng deim
av frå elvi, frå Jordan, alt burt til Bet-Bara!» Då vart
alle Efraims-mennerne utbodne og stengde vegen til
elvi, til Jordan, alt burtåt Bet-Bara. 25 Dei tok tvo av
Midjans-hovdingarne, Oreb og Ze'eb, og drap Oreb på
Ramneberget, og Ze'eb ved Ulvepersa. Sidan sette
dei etter midjanitarne og kom med hovudi av Oreb og
Ze'eb til Gideon på hi sida Jordan.

**8** Efraims-mennerne sagde til Gideon: «Korleis er
det du hev bore deg imot oss! Kvi sende du'kje
bod etter oss då du tok ut i striden mot midjanitare?»
Og dei tok kvast på honom. 2 Då sagde han til deim:
«Kva hev eg gjort no som kann liknast med det de hev
gjort? Var'kje etterrakstren åt Efraim betre enn avlingi
åt Abiezer? 3 I dykkar hender gav Gud midjanitar-
hovdingarne, Oreb og Ze'eb! Og kva hev eg vunnest
gjort, so eg kunde mæla meg med dykk?» Då han
tala so, logna dei og var'kje vonde på honom lenger.
4 Gideon kom til Jordan, og for yver, han og dei tri
hundrad mann som var med honom, og dei var trøytte
og svoltne. 5 Då sagde han til Sukkot-mennerne:
«Kjære, gjev folki som fylgjer meg nokre matbitar! Dei
er trøytte, og eg elter Zebah og Salmunna, Midjans-
kongarne.» 6 Men hovdingarne i Sukkot sagde: «Hev
du alt fenge kloi i Zebah og Salmunna, sidan me skal
gjeva heren din mat?» 7 «Godt!» svara Gideon, «når
Herren hev gjeve Zebah og Salmunna i henderne mine,
so skal eg treskja kropparne dykkar med villtornar og
tistlar.» 8 So for han upp til Penuel, og tala like eins
der, og Penuels-mennerne svara honom på same vis
som Sukkot-buarne hadde svara. 9 Då sagde han til
deim og: «Kjem eg vel heim att, so skal eg riva ned
denne borgi.» 10 Zebah og Salmunna låg i Karkor med
heren sin, um lag femtan tusund mann; det var alt
som var att av heile austmannheren, og hundrad og
tjuge tusund våpnføre menner var falne. 11 Og Gideon
for uppetter driftevegen austanfor Nobah og Jogbea
og kom yver fiendeheren, med dei låg ottelause i
lægret. 12 Zebah og Salmunna rømde, men han sette
etter deim; han tok båe Midjans-kongarne, Zebah og
Salmunna, og støkte heile heren ifrå einannan. 13 Då
Gideon Joasson var komen til Solskardet, vende han
heim att frå striden. 14 Han fekk tak i ein gut som
høyrde heime i Sukkot, og spurde honom ut; og guten
skreiv upp for honom hovdingarne og styresmennerne i
Sukkot, sju og sytti mann. 15 Då han so kom til Sukkot-
buarne, sagde han: «Sjå her er Zebah og Salmunna,
dei som de spotta meg med då de sagde: «Hev du alt
fenge kloi i Zebah og Salmunna, sidan me skal gjeva
mat til dei trøytte mennerne dine?»» 16 So greip han
styresmennerne i byen, og han tok villtornar og tistlar,
og tukta med deim Sukkot-buarne. 17 Penuelborgi reiv
han ned, og slo i hel mennerne i byen. 18 Sidan sagde
han til Zebah og Salmunna: «Korleis såg dei ut, dei
mennerne som de slo i hel på Tabor?» «Dei var like
eins som du, » svara dei. «Kvar var som ein kongsson
på skapnad». 19 «Då var det brørne mine, » sagde
han, «sønerne åt mi eigi mor. So sant Herren liver:
hadde de spart livet deira, skulde eg ikkje ha drepe
dykk.» 20 So sagde han til Jeter, eldste son sin: «Gakk
fram, og slå deim i hel!» Men guten drog ikkje sverdet
sitt. Han torde ikkje; han var endå berre ein gut. 21 Då
sagde Zebah og Salmunna: «Kom du og hogg oss
ned! Det vil manns nerk til å gjera manns verk.» So
gjekk Gideon fram, og slo Zebah og Salmunna i hel,
og tok sylgjorne som kamelarne deira hadde kring
halsen. 22 Og Israels-mennerne sagde til Gideon: «Du
skal vera kongen vår, både du og son din og soneson
din; for du hev berga oss frå midjanitarne!» 23 Men
Gideon svara: «Ikkje vil eg vera kongen dykkar, og

ikkje skal son min vera det; Herren skal vera kongen
dykkar!» 24 Sidan sagde Gideon til deim: «Eg vil beda
dykk um ein ting: at de alle vil gjeva meg dei ringarne
de hev vunne i krigen!» For Midjans-mennerne gjekk
med gullringar; dei var ismaelitar. 25 «Det skal du
då visst få, » svara dei. So breidde dei ut ei kåpa,
og på den kasta alle mann dei ringarne dei hadde
vunne i krigen. 26 Då dei so vog gullringane som han
hadde bede um, so var det halvonnor vog gull, umfram
gullsylgjorne og øyredobborne og purpurklædi som
midjanitarkongarne hadde havt på seg, og umfram
lekkjorne som kamelarne deira hadde bore kring
halsen. 27 Av gullet gjorde Gideon eit gudsbilæte.
Det sette han upp i Ofra, heimbygdi si; heile Israel
dyrka det der som ein avgud, og det vart til ulukka
for Gideon og hans hus. 28 Soleis laut Midjan bøygja
seg under Israel, og vann ikkje reisa hovudet meir, og
sidan hadde landet ro i fyrti år, so lenge som Gideon
livde. 29 So for Jerubba'al Joasson heim att til garden
sin, og vart buande der. 30 Han, Gideon, hadde sytti
søner, som var hans eigne born; for han hadde mange
konor. 31 Med fylgjekona si i Sikem fekk han ein son,
og kalla han Abimelek. 32 Gideon Joasson døydde i
høg alder, og vart nedsett i gravstaden åt Joas, far
sin, i Ofra, bygdi åt Abiezer-ætti. 33 Då Gideon var
burte, tok Israels-sønerne atter til å halda seg med
avgudarne, og gjorde Sambands-Ba'al til guden sin.
34 Israels-sønerne kom ikkje i hug Herren, sin Gud,
som hadde berga deim frå alle fiendar rundt ikring; 35
og dei gjorde ikkje vel mot Jerubba'als, Gideons, ætt
for alt det gode han hadde gjort Israel.

9 Abimelek, son åt Jerubba'al, for til Sikem, til
morbrørne sine, og tala med deim og med alt
morfolket sitt: 2 «Kjære dykk, » sagde han, «tala til
alle Sikems-mennerne, og seg: «Kva er best for dykk:
at sytti mann, alle sønerne åt Jerubba'al, styrer dykk,
eller at ein mann styrer dykk?» Og kom so i hug at
me er same folket!» 3 Då tala morbrørne hans um
honom for alle borgarane i Sikem, og sagde alt dette;
og hugen drog deim til Abimelek. «Han er ein av våre!»
sagde dei. 4 So gav dei honom sytti lodd sylv av
tempelskatten åt Sambands-Ba'al. For deim leigde
Abimelek nokre lause uvyrdne karar, og dei fylgde
honom kvar han gjekk. 5 So for han til huset åt far sin i
Ofra, og drap brørne sine, sønerne åt Jerubba'al, sytti
mann på ein stein; berre Jotam, den yngste sonen åt
Jerubba'al, vart att; han hadde fenge løynt seg. 6 Då
samla dei seg, alle borgarane i Sikem og alt folket i
Millo, og dei drog ut og valde Abimelek til konge under
Minnesteinseiki ved Sikem. 7 Då Jotam fekk spurt
det, steig han upp på toppen av Gerizimfjellet; der
stod han, og ropa til deim og sagde: «Høyr på meg,
Sikems-menner, so sant de vil at Gud skal høyra på
dykk! 8 Det var ein gong trei vilde kåra seg ein konge.
Dei sagde til oljetreet: «Du skal vera kongen vår!»
9 Men oljetreet svara: «Skulde eg missa oljen min,
som gudar og menneskje ærar meg for, og gjeva meg
til å svaga att og fram yver skogen?» 10 Då sagde
dei til fiketreet: «Kom du og ver kongen vår!» 11 Og
Fiketreet svara: «Skulde eg missa søtleiken min og
den gode frukti mi, og gjeva meg til å svaga at og fram
yver skogen?» 12 So sagde dei til vintreet: «Kom du
og ver kongen vår!» 13 Vintreet svara: «Skulde eg
missa safti mi, som gjer gudar og menneskje glade, og
gjeva meg til å svaga att og fram yver skogen?» 14
Då sagde alle trei til klungeren: «Kom so du og ver
kongen vår!» 15 «Er det ålvor at de vil kåra meg til
konge, » sagde klungeren, «so kom og svala dykk i
skuggen min! Men er det ikkje, so skal det fara eld ut
frå klungeren og øyda cedrarne på Libanon.» 16 Hev
no de fare truge og ærleg fram med di de hev teke
Abimelek til konge, og hev de gjort vel mot Jerubba'al
og ætti hans, og hev de gjort lika for det han gjorde,
17 då han, far min, stridde for dykk, og våga livet, og
berga dykk frå midjanitarne 18 - og endå hev de no
reist dykk mot ætti åt far min, og drepe sønerne hans,
sytti mann på ein stein, og gjort Abimelek, son åt terna
hans, til konge yver Sikems-buarne, for di han er skyld
dykk - 19 hev de no i dag fare truge og ærleg fram
mot Jerubba'al og ætti hans, so gjev de må få gleda
av Abimelek, og gjev han må få gleda av dykk! 20
Men hev de ikkje det, so gjev det må fara eld ut frå
Abimelek og tyna Sikems-buarne og Millo-folket, og
gjev det må fara eld ut frå Sikems-buarne og Millo-
folket, og tyna Abimelek!» 21 So rømde Jotam, og kom
seg undan; sidan for han til Be'er, og der slo han seg
ned, so Abimelek, bror hans, ikkje kunde nå i honom.
22 I tri år rådde Abimelek i Israel. 23 Då sende Gud ei
vond ånd som sette ilt millom Abimelek og Sikems-
mennerne, og Sikems-mennerne sveik Abimelek; 24
for Gud vilde at valdsverket mot dei sytti sønerne åt
Jerubba'al skulde hemnast, og blodet deira koma yver
Abimelek, bror deira, som hadde drepe deim, og yver
Sikems-mennerne, som hadde gjeve honom magt til
å drepa brørne sine. 25 Sikems-mennerne sette ut
vaktmenner på fjelltindarne, som skulde halda auga
med Abimelek, og røva alle som for framum der på
vegen, og Abimelek fekk vita det. 26 Ved det leitet
kom Ga'al Ebedsson med brørne sine og flutte inn i
Sikem, og Sikems-mennerne sette lit til honom. 27
Dei gjekk ut på marki, og hausta vinhagarne sine og
persa druvorne; so heldt dei takkehøgtid, og gjekk
inn i templet åt guden sin, og åt og drakk og banna
Abimelek. 28 Og Ga'al Ebedsson sagde: «Er Abimelek

slik mann, og sikemitarne slike folk, at me skulde vera
tenarane hans? Hev'kje son åt Jerubba'al og Zebul,
futen hans, tent ætti åt Hemor, den gamle Sikems-
kongen? Men kvi skulde me so tena honom mannen.
29 Gjev eg hadde hand yver dette folket, so skulde eg
snart få Abimelek or vegen. Auka heren din, Abimelek,
og kom!» kytte han. 30 Då Zebul, byhovdingen, fekk
høyra kva Ga'al Ebedsson hadde sagt, vart han harm;
31 han sende i løynd bod til Abimelek og sagde: «Ga'al
Ebedsson og brørne hans er komne til Sikem, og øser
upp byen mot deg. 32 Tak no i vegen nattars tid med
det folket du hev hjå deg, og legg deg på lur på marki;
33 og når det dagast, og soli sprett, so brjot upp og
renn fram imot byen; då fer Ga'al og folket hans ut imot
deg, og du kann gjera med honom som du fær høve
til.» 34 So tok Abimelek ut um natti med alle dei folki
han hadde hjå seg, og dei lagde seg på lur mot Sikem
i fire flokkar. 35 No bar det so til at Ga'al Ebedsson
kom ut og stod i byporten i same bilet som Abimelek
og folki hans braut fram frå løynlega. 36 Ga'al såg
deim, og sagde til Zebul: «Sjå! Det kjem folk ned frå
fjelltindarne!» «Det er skuggen av fjelli som du tek for
folk, » svara Zebul. 37 Men Ga'al heldt på og tala: «Sjå
der kjem det folk ned frå Midhø'i, » sagde han, «og ein
flokk kjem etter den vegen som ber til Trollmanneiki.»
38 Då sagde Zebul: «Kvar er no dei store ordi dine, du
som sagde: «Er Abimelek slik mann at me skulde vera
tenarane hans?» Sjå her er dei folki som du vyrde
so lite! Drag no ut, og strid imot deim!» 39 Då drog
Ga'al ut med Sikems-mennerne i fylgje, og stridde mot
Abimelek. 40 Men Abimelek vann yver honom, og jaga
han fyre seg, og det vart eit stort mannefall heilt burtåt
byporten. 41 Sidan gav Abimelek seg til i Aruma, og
Zebul dreiv Ga'al og brørne hans burt; dei måtte ikkje
vera i Sikem. 42 Dagen etter skulde Sikems-folket ut
på marki. Det fekk Abimelek vita; 43 då tok han og
bytte mannskapet sitt i tri flokkar, og lagde seg på lur
på marki, og då han såg at folket kom ut or byen,
sette han på deim og hogg deim ned. 44 Sjølv sprang
han fram, og tok støde ved byporten med den flokken
som fylgde honom, og dei hine tvo flokkarne rende
på alle deim som var ute på marki, og slo deim i hel.
45 Abimelek kringsette byen heile den dagen, og tok
honom, og drap folket som var der; byen reiv han ned,
og strådde tufti med salt. 46 Då folket i Sikemsborgi
høyrde det, gjekk dei alle inn i tempelbygningen åt
Sambands-Ba'al. 47 So snøgt som Abimelek fekk vita
at alt folket i Sikemsborgi hadde flokka seg i hop på
ein stad, 48 gjekk han med alle mennerne sine upp på
Salmonfjellet. Han tok øksi si i hand, og hogg greiner
av trei, tok deim upp, lagde deim på herdi, og sagde til
mennerne sine: «Skunda dykk og gjer like eins som de
såg eg gjorde!» 49 Då hogg alle mennerne og kvar si
byrd med kvist og fylgde etter honom. So lagde dei
veden uppetter tempelbygningen, og sette med den eld
på bygningen. Soleis umkomst alt folket i Sikemsborgi,
um lag tusund menner og kvinnor. 50 Sidan gjekk
Abimelek mot Tebes; den byen kringsette han og tok.
51 Inni byen var det eit fast tårn; dit rømde alle menner
og kvinnor, alt folket i byen, og dei stengde etter seg
og gjekk upp på taket. 52 Då Abimelek kom til tårnet,
kringsette han det; so gjekk han fram til porten og vilde
setja eld på. 53 Då var det ei kvinna som kasta ein
kvernstein ned på hovudet hans, so hausen brotna. 54
Abimelek ropa svint på sveinen som bar våpni hans,
og sagde: «Drag sverdet ditt, og drep meg, so det
ikkje skal segjast at ei kvinna slo meg i hel!» Då stakk
sveinen sverdet gjenom honom, og han døydde. 55
Og då Israels-mennerne såg at han var slokna, gjekk
kvar heim til sitt. 56 Soleis hemnde Gud den ugjerningi
Abimelek gjorde mot far sin då han drap dei sytti
brørne sine. 57 Og alt det vonde Sikems-mennerne
hadde gjort, let Gud koma attyver deim; den våbøni
Jotam Jerubba'alsson hadde lyst, fekk dei sanna.

**10** Etter Abimelek stod Tola fram, og berga Israel.
Han var son åt Pua Dodoson av Issakars-ætti,
og budde i Samir på Efraimsheidi. 2 Han styrde i Israel
i tri og tjuge år. So døydde han og vart gravlagd i
Samir. 3 Etter han stod Ja'ir frå Gilead fram, og styrde
Israel i tvo og tjuge år. 4 Han hadde tretti søner; dei
reid på tretti asenfolar, og åtte tretti tjeldbyar, som endå
i dag vert kalla Ja'irsbyarne; dei ligg i Gileadlandet.
5 Då Ja'ir døydde, vart han gravlagd i Kamon. 6
Men Israels-borni gjorde atter det som var Herren
imot, og dyrka Ba'als- og Astarte-bilæti og Arams-
gudarne og Sidons-gudarne og Moabs-gudarne og
ammonitargudarne og filistargudarne; dei vende seg
frå Herren, og dyrka ikkje honom. 7 Då vart Herren
brennande harm på Israel. Han slepte dei i henderne
på filistarane og ammonitarne, 8 og dei tok same
året til å trengja og trælka Israels-sønerne; i attan
år trengde dei alle Israels-sønerne som budde på hi
sida Jordan, i Amoritarlandet, i Gilead; 9 dei sette
jamvel yver Jordan, og stridde mot Juda og Benjamin
og mot Efraims-ætti, og Israel kom i stor naud. 10 Då
ropa Israels-sønerne til Herren og sagde: «Me hev
synda mot deg! Me hev vendt oss frå vår Gud og
dyrka Ba'als-bilæti!» 11 Og Herren sagde til Israels-
sønerne: «Hev eg'kje berga dykk frå egyptarane og frå
amoritarne, frå Ammons-sønerne og frå filistarane?
12 Og då sidonarane og amalekitarne og maonitarne
plåga dykk, og de ropa til meg, berga eg dykk frå deim
og. 13 Men de vende dykk frå meg, og dyrka andre

gudar; difor vil eg ikkje hjelpa dykk meir. 14 Gakk burt
og kalla på dei gudarne som de hev valt! Lat deim
hjelpa dykk no de er i slik naud!» 15 Då sagde Israels-
sønerne til Herren: «Me hev synda! Gjer med oss som
du synest, berre du vil hjelpa oss denne gongen!» 16
So hadde dei frå seg dei framande gudarne og tente
Herren; då kunde han ikkje tola å sjå på Israels naud.
17 Ammons-sønerne baud ut heren sin, og lægra seg i
Gilead. Då samla Israels-sønerne seg og slo læger i
Mispa. 18 Og herfolket, Gileads-fyrstarne, sagde seg
imillom: «Kvar er den mannen som vil ganga fyrst i
striden mot ammonitarne? Han skal vera hovding yver
alle Gileads-buarne!»

**11** Jefta frå Gilead var ei gjæv kjempa. Han var son
åt ei skjøkja, men Gilead var far hans. 2 Med
kona si hadde Gilead og søner; då dei vart vaksne,
jaga dei Jefta burt, og sagde til honom: «Du fær ingen
lut i arven etter far vår; for du er son åt ei framand
kvinna.» 3 Då rømde Jefta for brørne sine, og sette
seg ned i Tob-land, og det samla seg mange lause
karar ikring honom, og var med honom på ferderne
hans. 4 So leid det av ei tid; då var det ammonitarne
gjorde åtak på Israel, 5 og då ammonitarne bar våpn
mot Israel, tok styresmennerne i Gilead ut, og vilde
henta Jefta heim frå Tob-land. 6 «Kom og ver føraren
vår, » sagde dei med honom, «so vil me strida mot
ammonitarne!» 7 «Var det'kje de som hata meg, og
dreiv meg burt frå heimen min?» svara Jefta; «kvi kjem
de då til meg no som de er i naud?» 8 «Difor er det me
no kjem att til deg, » svara styresmennerne: «Gjeng
du med oss og strider mot ammonitarne, so skal du
vera hovdingen vår og styra alle Gileads-buarne.»
9 Då sagde Jefta til styresmennerne i Gilead: «Vert
eg med dykk heim, og strider mot ammonitarne, og
Herren gjev deim i mi magt, skal eg so vera hovdingen
dykkar?» 10 Og dei svara: «Herren skal vera vårt
vitne at me i eit og alt vil gjera som du segjer!» 11 Då
gjekk Jefta med styresmennerne; folket sette honom til
sin hovding og førar, og i Mispa tok han upp att alle
ordi sine for Herrens åsyn. 12 So sende han bod til
ammonitarkongen, og sagde: «Hev me noko ubytt, eg
og du, sidan du kjem hit og gjer åtak på landet mitt?»
13 Då sagde ammonitarkongen til sendemennerne åt
Jefta: «Då Israel kom frå Egyptarland, tok dei landet
mitt, frå Arnon til Jabbok og til Jordan. Gjev det no
att med godo!» 14 Og Jefta sende endå ein gong
bod til ammonitarkongen 15 med dei ordi: «So segjer
Jefta: «Israel hev ikkje teke land frå Moab eller frå
Ammon. 16 På vegen frå Egyptarland for Israel igjenom
øydemarki til Sevhavet og kom til Kades. 17 Då sende
dei bod til kongen i Edom, og sagde: «Kjære, lat
oss få fara gjenom landet ditt!» Men Edom-kongen
høyrde ikkje på dei. Til Moab-kongen sende dei og
bod; men han vilde ikkje heller. So gav dei seg til i
Kades. 18 Sidan heldt dei fram gjenom øydemarki.
Dei for utanikring Edomitarlandet og Moabitarlandet,
til dei kom austanum Moab, og lægra seg på hi sida
Arnon; dei kom ikkje inn på Moabs grunn; for Arnon er
landskilet åt Moab. 19 So sende Israel bod til Sihon,
amoritarkongen, kongen i Hesbon, og sagde: «Kjære,
lat oss få fara gjenom landet ditt, so me kjem dit me
skal!» 20 Men Sihon trudde ikkje Israel so vel at han
torde lata dei fara gjenom riket sitt; han samla heile
heren sin, og dei lægra seg i Jahsa, og gav seg i strid
med Israel. 21 Og Herren, Israels Gud, gav Sihon og
heile heren hans i Israels hender; Israel slo deim, og
lagde under seg alle amoritarbygderne der i landet;
22 heile Amoritarriket lagde dei under seg, frå Arnon
til Jabbok, og frå øydemarki til Jordan. 23 So hev då
Herren, Israels Gud, teke landet frå amoritarne og
gjeve det til folket sitt, til Israel, og no vil du eigna det
til deg! 24 Er det'kje so at det som Kamos, guden
din, let deg vinna, det eignar du til deg, og alt det
som Herren, vår Gud, gjer rydigt for oss, det eignar
me til oss? 25 Er då du so mykje betre enn Balak
Sipporsson, Moabs-kongen? Trætta han med Israel,
eller tok på deim? 26 No er det tri hundrad år sidan
Israel busette seg i Hesbon og dei bygderne som ligg
umkring, og i Aroer, og bygdarne der umkring og i alle
byarne langsmed Arnon; kvi hev de'kje teke deim att
i all den tidi? 27 Eg hev ikkje gjort deg noko vondt;
men du gjer meg stor urett med di du tek på meg.
Herren, som er den øvste domaren, skal i dag døma
millom Israel og Ammon.»» 28 Men ammonitarkongen
vilde ikkje høyra på det bodet Jefta sende honom. 29
Då kom Herrens Ande yver Jefta, og han for gjenom
Gilead og Manasse; so for han fram til Gileadvarden,
og Gileadvarden for han fram imot ammonitarne. 30
Og Jefta gjorde ein lovnad til Herren, og sagde: «Gjev
du ammonitarne i henderne mine, 31 då skal den som
gjeng ut or husdøri mi og møter meg når eg kjem vel
heim att frå ammonitarne, då skal den høyra Herren
til; eg skal ofra honom til eit brennoffer.» 32 So for
han fram imot ammonitarne, og stridde mot deim, og
Herren gav deim i henderne hans. 33 Han slo deim, og
elte deim frå Aroer til burtimot Minnit, og tok tjuge byar
ifrå deim; sidan elte han deim alt til Abel-Keramim,
det vart eit stort mannefall på deim. Då laut Ammons-
sønerne bøygja seg under Israel. 34 Då Jefta kom
heim att til garden sin i Mispa, gjekk dotter hans ut
imot honom, og fagna honom med trummor og dans;
ho var einaste barnet hans; umfram henne hadde
han'kje anten son eller dotter. 35 Med det same han
fekk sjå henne, reiv han sund klædi sine, og ropa:

«Gud trøyste oss, mi dotter! for ei sorg du veld meg!
for ei ulukke du fører meg i! Eg hev gjort so dyr ein
lovnad til Herren, og eg kann ikkje taka att ordet mitt.»
36 Då sagde ho til honom: «Far, hev du gjort so dyr
ein lovnad til Herren, so gjer det med meg som du
gav ordet ditt på, sidan Herren let deg få hemn yver
ammonitarne, uvenerne dine! 37 Men ein ting vilde eg
gjerne skulde gjerast for meg, » sagde ho med far sin:
«Lat meg vera fri tvo månader, so vil eg ganga ned på
heidarne med venorne mine og gråta yver mitt unge
liv, eg som lyt fara burt møy!» 38 «Gjer so!» svara han,
og sagde ho kunde vera burte tvo månader. So gjekk
ho med venorne sine, og gret på heidarne yver sitt
unge liv. 39 Men då tvo månader var lidne, kom ho att
til far sin, og då gjorde han med henne det som han
hadde lova; og ho hadde aldri vore nær nokon mann.
Sidan vart det sed i Israel 40 at Israels-døtterne år for
år gjeng av og syng minnekvede um dotter åt Jefta frå
Gilead, fire dagar um året.

**12** Efraimitarne baud ut mannskapet sitt, og for
nordetter, og sagde til Jefta: «Kvi sende du'kje
bod etter oss då du for av stad og vilde strida mot
ammonitarne? No vil me setja eld på husi dine og
brenna deg inne.» 2 «Eg og folket mitt låg i ein hard
strid med ammonitarne, svara Jefta; «då ropa eg på
dykk, men de hjelpte meg ikkje imot deim; 3 og då eg
såg at de ikkje vilde hjelpa, våga eg livet, og for imot
ammonitarne, og Herren gav deim i henderne mine.
Kvi kjem de so no farande og vil slåst med meg?»
4 So samla han alle Gileads-mennerne, og stridde
mot Efraim. Og Gileads-mennerne hogg efraimitarne
ned, for di dei hadde sagt: De er rømingar frå Efraim!
Gilead ligg midt i Efraim, midt i Manasse.» 5 Dei
stengde vadi yver Jordan for efraimitarne, og kvar
gong det kom ein efraimit som hadde rømt ifrå slaget
og vilde sleppa yver, spurde dei: «Er du efraimit?»
Han svara: «Nei.» 6 «Seg: sjibbolet!» sagde dei. Då
sagde han: «Sibbolet; » for han kunde ikkje segja
det rett. So greip dei honom, og drap honom innmed
vadet. Den gongen fall det tvo og fyrti tusund mann av
Efraims-ætti. 7 Jefta styrde Israel i seks år. So døydde
Jefta frå Gilead, og vart gravlagd i ein av Gileads-
byarne. 8 Etter honom var Ibsan frå Betlehem styrar i
Israel. 9 Han hadde tretti søner; tretti døtter gifte han
burt, og tretti sonekonor henta han heim; han styrde
Israel i sju år. 10 So døydde Ibsan, og vart gravlagd i
Betlehem. 11 Etter honom var Elon av Sebulons-ætti
styrar i Israel. Han styrde Israel i ti år. 12 So døydde
Elon av Sebulons-ætti, og vart gravlagd i Ajjalon i
Sebulonslandet. 13 Etter honom var Abdon Hillelsson
frå Piraton styrrar i Israel. 14 Han hadde fyrti søner
og tretti sonesøner; dei reid på sytti asenfolar. Han
styrde Israel i åtte år. 15 So døydde Abdon Hillelsson
frå Piraton, og vart gravlagd i Piraton i Efraimsland, på
Amaleksfjell.

**13** Men Israels-sønerne gjorde atter det som var
Herren imot. Då let han filistarane få magt yver
deim i fyrti år. 2 Det var ein mann av Dans-ætti som
heitte Manoah. Han budde i Sora. Kona hans var'kje
barnkjømd; ho hadde aldri ått barn. 3 Og Herrens
engel synte seg for kona, og sagde: «Kjære, eg veit
at du er'kje barnkjømd og aldri hev ått barn, men du
skal verta umhender og eiga ein son. 4 Agta deg no,
og drikk ikkje vin eller sterk drykk, og et ikkje noko
ureint! 5 For no vert du umhender, og fær ein son:
på hans hovud må det aldri koma saks; for sveinen
skal vera vigd til Gud alt ifrå morsliv, og han skal gjera
upptaket til å berga Israel frå filistarane.» 6 So gjekk
kona inn, og sagde det med mannen sin: «Det kom
ein gudsmann til meg, » sagde ho; «han var å sjå til
som Guds engel, fælande ageleg; men eg spurde ikkje
kvar han var ifrå, og ikkje sagde han meg namnet
sitt. 7 «Du skal verta umhender og eiga ein son, »
sagde han med meg; «drikk no ikkje vin eller sterk
drykk, og et ikkje noko ureint! For sveinen skal vera
vigd til Gud frå morsliv og til sin døyande dag.»» 8
Då bad Manoah til Herren, og sagde: «Høyr meg,
Herre! Lat den gudsmannen som du sende koma hit
att og læra oss korleis me skal fara med det barnet
som skal koma til verdi!» 9 Og Gud høyrde Manoahs
bøn, og Guds engel kom att til kona ein gong ho sat
utpå marki, og Manoah, mannen hennar, ikkje var med
henne. 10 Då sprang ho svint heim, og sagde det
med mannen sin: «No hev han synt seg for meg, den
mannen som kom til meg her um dagen», sagde ho.
11 Manoah reiste seg, og fylgde kona si, og då han
kom til mannen, spurde han: «Er du den mannen som
hev tala til kona mi?» «Ja», svara han. 12 «Når det
no gjeng fram det som du sagde, korleis skal me då
stella oss med sveinen, og korleis skal me fara med
honom?» sagde Manoah. 13 Då svara Herrens engel:
«Alt det eg nemnde for kona, lyt ho agta seg for. 14
Ho må ikkje eta noko som kjem av vintreet, og ikkje
drikka vin eller sterk drykk, og ikkje eta noko ureint; alt
det eg hev sagt til henne, lyt ho halda seg etter.» 15
«Kann du'kje bia eit bil, so me fær stella til eit kid for
deg!» sagde Manoah. For han visste ikkje at det var
Herrens engel. 16 «Um eg biar, so et eg like vel ikkje
av maten din, » svara Herrens engel; «men vil du laga
til eit brennoffer åt Herren, so gjer det!» 17 Då sagde
Manoah til Herrens engel: «Kva er namnet ditt - so
me kann få æra deg, når det hender det som du hev
sagt!» 18 «Kvi spør du um namnet mitt?» svara han;
«det er eit underleg namn!» 19 So tok Manoah kidet

og grjonofferet, og ofra det på berget til Herren. Då
hende eit stort under, so Manoah og kona hans såg på
det: 20 Då logen steig upp frå altaret mot himmelen,
då for Herrens engel upp i altarlogen. Då Manoah og
kona hans såg det, kasta dei seg å gruve på jordi.
21 Herrens engel synte seg ikkje oftare for Manoah
og kona hans; då skyna Manoah at det var Herrens
engel, 22 og han sagde til kona si: «No lyt me døy; for
me hev set Gud!» 23 Men kona svara: «Hadde Herren
havt hug til å drepa oss, so hadde han ikkje teke mot
brennoffer og grjonoffer av oss, og me hadde ikkje
fenge set alt dette, og ikkje fenge høyrt slikt som det
me høyrde no.» 24 Då det leid på, fekk kona ein son,
og kalla honom Samson. Guten voks upp, og Herren
velsigna honom. 25 Det var i Dans-lægret millom Sora
og Estaol, Herrens ande fyrst tok til å driva honom.

**14** Ein gong bar det so til at Samson gjekk ned til
Timna; der fekk han sjå ei filistargjenta. 2 Då
han kom heim att, sagde han det med far sin og mor
si: «Eg såg ei filistargjenta i Timna; henne lyt de festa
til kona åt meg!» 3 Då sagde foreldri hans til honom:
«Finst det då ingi gjenta hjå frendarne dine eller i heile
vårt folk, sidan du vil ganga av og få deg ei kona
hjå dei u-umskorne filistarane?» Men Samson svara
far sin: «Henne lyt du festa åt meg! Ho er den som
eg likar.» 4 Foreldri hans skyna ikkje at dette kom
frå Herren; for han søkte eit høve til å koma innpå
filistarane - den gongen rådde filistarane i Israel. 5
So gjekk Samson og foreldri hans ned til Timna. Då
dei kom til vinhagarne utanfor byen, for ei ung løva
burande imot honom; 6 då kom Herrens ande yver
honom, og han tok løva, og sleit henne sund med
berre nevarne, som det skulde vore eit kid; men han
sagde'kje med foreldri sine kva han hadde gjort. 7 So
gjekk han ned og tala med gjenta; og han lika henne
framifrå godt. 8 Um ei tid for han ned att og vilde gifta
seg med henne. So tok han av vegen, vilde sjå løva
som han hadde drepe; då fann han eit biebol med
honning i skrovet hennar. 9 Han tok honningen ut, og
heldt honom i henderne og åt, med han gjekk frametter,
og då han kom til foreldri sine, gav han dei og, og dei
åt; men han sagde det ikkje med deim at han hadde
funne honningen i løveskrovet. 10 Då far hans kom
ned til bruri, gjorde Samson eit gjestebod der, som dei
unge mennerne hadde for vis. 11 Og so snart dei fekk
sjå honom, fann dei honom tretti fylgjesmenner; dei
var stødt med honom, 12 og ein dag sagde Samson til
deim: «No vil eg bjoda dykk ei gåta! Løyser de henne
åt meg innan dei sju gjestebodsdagarne er ute, og
løyser de henne rett, so skal eg gjeva dykk tretti fine
skjortor og tretti festklædningar; 13 men kann de ikkje
løysa henne, skal de gjeva meg tretti fine skjortor og
tretti festklædningar.» «Seg fram gåta di, so me fær
høyra henne!» svara dei. 14 Då sagde han: «Av ein
etar kom etand', av den sterke kom søtt.» So leid det
tri dagar, og dei var ikkje god til å løysa gåta. 15 Den
sjuande dagen sagde dei til bruri: «Få mannen din
til å segja oss løysningi på gåta, elles brenner me
upp både deg og folket ditt! Er det for å arma oss ut
at de hev bede oss hit?» 16 Då gret bruri framfyre
honom, og sagde: «Du held ikkje av meg! Du berre
hatar meg! Du hev bode landsmennerne mine ei gåta,
men meg hev du ikkje sagt korleis ho skal løysast!»
«Eg hev'kje sagt det med far min og mor mi; skulde eg
so segja det med deg?» svara Samson. 17 Men ho
hekk yver honom og gret alle dei sju dagarne som
gjestebodet varde, og den sjuande dagen sagde han
det med henne, av di ho plåga honom so. So løyste ho
gåta for landsmennerne sine, 18 og fyrr soli gladde
den sjuande dagen, kom mennerne i byen og sagde til
honom: «Kva er søtar' enn honning? Kva er sterkar'
enn løva?» Då svara Samson: «Hadde de'kje pløgt
med mi kviga, so hadde de'kje løyst mi gåta.» 19
Og Herrens ande kom yver honom; han gjekk ned til
Askalon, og slo i hel tretti filistarar, tok klædi deira, og
let deim som hadde løyst gåta få deim til høgtidsklede;
og harm som han var, for han heim att til garden åt far
sin. 20 Men kona hans vart gjevi til den fylgjesmannen,
som han hadde valt seg til brursvein.

**15** Då det leid um ei tid, og dei hadde teke til med
kveiteskurden, kom Samson og vilde lydast til
kona si. Han hadde med seg eit kid, og sagde: «Lat
meg få koma inn i kammerset til kona mi!» Men far
hennar vilde ikkje gjeva honom lov til det. 2 «Eg tenkte
so visst at du ikkje lika henne meir, » sagde faren, «og
so gav eg henne til brursveinen din. Kann du'kje taka
den yngre systeri i staden? ho er då mykje vænare!» 3
Då sagde Samson: «Denne gongen er eg saklaus,
um eg gjer filistarane vondt!» 4 Han gjekk av og
fanga tri hundrad revar, fann seg tyrespikar, snudde
reverovarne i hop mot kvarandre, tvo og tvo, og feste
ei spik millom kvart rovepar. 5 So kveikte han eld i
spikarne, og slepte revarne inn på åkrane åt filistarane.
Soleis brende han upp alt kornet dei hadde ute, både
skore og uskore, og alle vinhagar og oljetre. 6 Då
spurde filistarane: «Kven hev gjort dette?» «Samson,
mågen åt Timna-mannen, » vart det svara. «Det var
for di verfaren hadde teke kona hans og gjeve til
brursveinen.» So for filistarane derupp, og brende inne
både kona og far hennar. 7 Då sagde Samson til deim:
«Fer de soleis åt, so skal eg visst ikkje kvila fyrr eg fær
hemnt meg på dykk.» 8 So slo han deim so dei stupte i
kross og i krok, og det vart eit stort mannefall på deim.
Sidan for han ned til Etamdjuvet, og gav seg til der. 9

Då kom filistarane upp i Judafylket, og lægra seg der,
og spreidde seg utyver i Lehi. 10 Og Juda-mennerne
sagde: «Kvi kjem de hit og tek på oss?» «Me vil binda
Samson og gjera like eins mot honom som han hev
gjort mot oss, » svara dei. 11 So for tri tusund mann av
Juda-ætti ned til Etamdjuvet, og sagde til Samson:
«Veit du'kje at filistarane råder her i landet? Kvi hev du
då gjort oss dette?» «Som dei gjorde mot meg, so hev
eg gjort mot deim, » svara han. 12 Då sagde dei: «Me
er komne hit for å binda deg og gjeva deg i henderne
på filistarane.» «Lova meg at ikkje de vil slå meg i
hel!» sagde Samson. 13 «Nei, me vil berre binda deg
og gjeve deg i henderne deira; me vil ikkje drepa deg,
» svara dei. So batt dei honom med tvo nye reip, og
førde honom upp or djuvet. 14 Då han kom til Lehi,
sprang filistarane imot honom med glederop. Då kom
Herrens ande yver honom, og reipi på armarne hans
vart som brend tråd; bandi datt av henderne hans, som
dei var morkna. 15 So fann han eit friskt kjakebein av
eit asen; det greip han og slo i hel tusund mann med
det. 16 Då kvad han: «Med asenkjaken eg ein hop og
tvo, med asenkjaken tusund mann eg slo.» 17 Då han
hadde kvede dette, kasta han kjakebeinet frå seg, og
sidan hev dei kalla den staden Kjakebeinshaugen. 18
Men so vart han so brennande tyrst. Då ropa han til
Herren og sagde: «Du hev hjelpt tenaren din til å vinna
denne store sigeren! Skal eg no døy av torste og falla i
henderne på dei u-umskorne?» 19 Då opna Gud den
hola som er i Lehi, og det rann vatn utor henne, so
han fekk drikka; då rådde han atti, og kvikna til. Difor
kalla dei den kjelda Roparkjelda; ho er endå i Lehi. 20
Samson styrde Israel i tjuge år; det var i filistartidi.

**16** Ein gong kom Samson til Gaza; der fekk han
sjå ei skjøkja, og gjekk inn til henne. 2 Då det
spurdest bland folket i Gaza at Samson var komen
der, ringa dei honom inne, og lurde på honom innmed
byporten heile natti, men heldt seg elles rolege med
natti var. «Me vil bia til det dagast; då skal me slå
honom i hel, » tenkte dei. 3 Samson vart liggjande
til midt på natti. Midnattsbil reis han upp. Han tok
tak i hurderne i byporten og i båe portstolparne, og
rykte deim upp i hop med bommen, lagde deim på
herdarne, og bar deim upp på toppen av det fjellet
som ligg midt for Hebron. 4 Sidan lagde han hug til
ei kvinna i Sorekdalen, som heitte Dalila. 5 Då kom
filistarfyrstarne upp til henne og sagde: «Sjå um du
kann få lokka honom til å segja deg kvar han hev den
store styrken sin frå, og korleis me kann råda med
honom og binda honom, so me fær døyvt honom! Då
skal me gjeva deg tusund sylvdalar kvar, og meir. 6 So
sagde Dalila til Samson: «Kjære, seg meg kvar du hev
den store styrken din frå, og korleis du kann bindast,
so ein fær døyvt deg!» 7 «Dersom dei bind meg med
sju rå senestrengjer, som ikkje hev vorte turre, so
veiknar eg og vert som eit anna menneskjebarn, »
svara han. 8 Då kom filistarfyrstarne upp til henne
med sju rå senestrengjer, som ikkje hadde vorte turre;
deim batt ho honom med, 9 og i kammerset hadde
ho folk sitjande og lura. So ropa ho: «filistarane er
yver deg, Samson!» Då sleit han sund strengjerne,
som ein strytråd brest når han kjem innåt elden, og
ingen fekk vita kvar han hadde styrken sin frå. 10 So
sagde ho til honom: Du hev narra meg, og loge for
meg. Kjære, seg meg no korleis du kann bindast!» 11
«Dersom dei bind meg vel med nye reip som aldri hev
vore bruka til noko, so veiknar eg og vert som eit anna
menneskjebarn, » svara han. 12 So tok Dalila nye reip
og batt honom med, og ropa: «Filistarane er yver deg,
Samson!» og i kammerset sat det folk og lurde. Men
han sleit reipi av armarne sine, som det var tråd. 13
Då sagde Dalila til honom: «Til dessa hev du narra
meg og loge for meg! Seg no korleis du kann bindast!»
«Dersom du vev dei sju hårflettorne mine inn i veven!»
svara han. 14 So slo ho åtta med vevskeidi, og ropa:
«Filistarane er yver deg, Samson!» Då vakna han or
svevnen, og rykte ut både vevskeidi og varpet. 15 So
sagde ho til honom: «Korleis kann du segja du hev
meg kjær, når du ikkje hev tiltru til meg? No hev du
narra meg tri gonger og ikkje sagt meg kvar du hev
den store styrken din frå!» 16 Som ho no tagg og truga
dag etter dag, og aldri let honom få fred, vart han so
leid seg at han vilde mest døy, 17 og so opna han heile
sitt hjarta for henne: «Det hev aldri kome saks på mitt
hovud, » sagde han; «for eg hev vore vigd til Gud alt
ifrå morsliv. Vert eg raka, so fer styrken min frå meg; eg
veiknar og vert som alle andre menneskjeborn.» 18 Då
skyna Dalila at han hadde sagt henne heile sanningi;
ho sende bod etter filistarfyrstarne, og sagde: «Kom
her upp! For denne gongen hev han sagt meg heile
sanningi.» Då kom filistarfyrstarne upp til henne, og
hadde pengarne med seg. 19 So svævde ho Samson i
fanget sitt, og ropa på ein mann ho hadde sitjande der,
og let honom klyppa dei sju hårflettorne hans; då tok
han til å veikna, og styrken hans for frå honom. 20
Og Dalila ropa: «Filistarane er yver deg, Samson!»
Då vakna han or svevnen, og tenkte: «Eg skal gjera
meg fri og rista meg laus, som so mang ein gong fyrr;
» for han visste ikkje at Herren hadde vendt seg ifrå
honom. 21 Filistarane tok Samson, og stakk ut augo
på honom, og førde han ned til Gaza; der batt dei
honom med dubbel koparlekkja, og han laut sveiva
handkverni i fangehuset. 22 Men håret hans tok til
å veksa sterkt med same det var klypt. 23 So kom
Filistarfyrstarne i hop, og bar fram eit stort offer for

Dagon, guden sin, og heldt fest; «for, » sagde dei,
«vår gud hev gjeve Samson, vår uven, i vår magt.»
24 og då folket såg honom, lova dei guden sin, og
kvad: I handi vår gav guden vår uvenen vår, han som
øydde landet vårt han som drap ned folket vårt. 25
Som dei no var komne på godlag, ropa dei: «Henta
Samson hit, so han kann leika for oss!» Då henta dei
Samson or fangehuset, og han laut leika for deim. Dei
sette honom millom stolparne. 26 Då sagde Samson til
guten som leidde honom: «Slepp meg, og lat meg få
halda i dei stolparne som huset kviler på, og stydja
meg innåt deim!» 27 Men huset var fullt av menner og
kvinnor; alle filistarfyrstarne var der, og på taket var
det um lag tri tusund menner og kvinnor, som såg på
med Samson leika. 28 Og Samson kalla på Herren og
sagde: «Herre, min Gud, kom meg i hug, og styrk meg
denne eine gongen, min Gud, so eg fær hemnt meg på
filistarane for eitt av dei tvo augo mine!» 29 So femnde
han kringum båe midstolparne som huset kvilde på, og
klemde deim innåt seg, ein med høgre, og ein med
vinstre handi. 30 «Lat meg døy i hop med filistarane!»
sagde han, og tok i med all si magt; då ramla huset i
hop yver fyrstarne og yver alt folket som var der, og
dei som han drap då han døydde, var fleire enn dei
han hadde drepe med han livde. 31 Men brørne hans
og alt skyldfolket kom og tok honom, og førde honom
heim, og sette honom ned i gravstaden åt Manoah, far
hans, millom Sora og Estaol. Då hadde han styrt Israel
i tjuge år.

**17** Mika heitte ein mann som budde i Efraimsheidi.
2 Han sagde til mor si: «Dei elleve hundrad
sylvdalarne som vart tekne frå deg - du lyste endå for
den skuld ei våbøn, som eg høyrde på - dei pengarne
er hjå meg; det er eg som hev teke deim; men no skal
du få deim att.» «Herren velsigne deg, min son!» svara
mori. 3 So gav han dei elleve hundrad sylvdalarne
att til mor si. Då sagde ho: «Desse pengarne vigjer
eg no til Herren, og gjev deim frå meg til bate for
deg, min son, so du kann gjera eit gudebilæte med eit
støypt fotstykke til.» 4 So tok ho tvo hundrad dalar
av pengarne han kom att med, og gav deim til ein
gullsmed, og han gjorde for deim eit gudsbilæte med
eit støypt fotstykke til; det var sidan på garden hans
Mika. 5 Og Mika vart slik mann at han fekk seg eit
gudshus, og let gjera ei gullkåpa og husgudar, og sette
ein av sønerne sine til å vera prest for seg. 6 I dei
dagar var det ingen konge i Israel; kvar mann gjorde
som han hadde hug til. 7 Det var ein ung mann frå
Betlehem i Juda; han var av Levi-ætti, av den greini
som åtte heime i Judafylket, og der heldt han til. 8 Den
mannen flutte burt frå byen sin, frå Betlehem i Juda,
og vilde finna seg ein verestad kvar det kunde høva.
På ferdi si kom han til Efraimsheidi og til garden hans
Mika, 9 og Mika spurde honom: «Kvar kjem du frå?»
«Eg er ein levit frå Betlehem i Juda, » svara han, «og
no er eg ute og ferdast, og vil finna meg ein verestad
kvar det kann høva.» 10 «Gjev deg til hjå meg!» sagde
Mika, «og ver far og prest for meg! Eg skal gjeva deg ti
sylvdalar for året, og halda deg med kost og klæde.»
So steig leviten innanfor. 11 Han gjekk med på å vera
hjå mannen, og vart som ein av sønerne hans. 12 Mika
feste den unge leviten til prest for seg, og han vart
verande i huset hans Mika. 13 «No veit eg at Herren
vil gjera vel mot meg, » sagde Mika, «sidan eg hev
fenge ein levit til prest.»

**18** I den tidi fanst det ingen konge i Israel. Og i den
tidi leita Dans-ætti etter eit odelsland til å busetja
seg i; for det hadde ikkje til den dag falle nokon arvlut
på deim, som på dei andre Israels-ætterne. 2 Dans-
sønerne sende ut fem mann av heile si ætt, djerve
karar frå Sora og Estaol, som skulde endefara landet
og sjå det vel yver. «Far no i veg, » sagde dei til
deim, «og sjå dykk vel um i landet!» Mennerne kom til
garden hans Mika i Efraimsheidi, og vart der um natti.
3 For då dei for frammed husi hans Mika, kjende dei
att målet åt den unge leviten, og so tok dei av vegen,
og spurde honom: «Kven hev ført deg hit? Kva gjer du
her, og korleis hev du det?» 4 So sagde han deim
kva Mika hadde gjort for honom, og at han hadde leigt
honom til prest for seg. 5 «Kjære deg, » sagde dei
då, «spør Gud for oss um den ferdi me hev fyre oss,
skal lukkast!» 6 «Det kann fara trygt!» svara presten
«Herren hev augo med dykk på ferdi dykkar.» 7 Då for
dei sin veg, dei fem mennerne, og kom til La'is; og
dei såg at folket der i bygdi livde sutlaust, på same
vis som sidonarane, roleg og sutlaust; det fanst ingen
i landet som gjekk deim for nær i nokon ting, ingen
einvaldsherre; langt var dei frå sidonarane, og hadde
ikkje noko å gjera med anna folk. 8 So kom dei heim
att til frendarna sine i Sora og Estaol, og frendarne
deira spurde: «Kva tidender kjem de med?» 9 «Kom,
lat oss fara i veg og taka på La'is-buarne!» svara dei;
«me hev skoda landet; det er eit ovgodt land. Og de sit
berre og tegjer? Dryg ikkje med å taka på vegen til det
landet og eigna det til dykk! 10 Når de kjem dit, kjem de
til eit folk som ikkje kjem i hug nokon fåre, og landet er
vidskått. Gud hev gjeve det i henderne dykkar, eit land
der det ikkje vantar nokon verdeleg ting!» 11 So for
dei i vegen, seks hundrad fullvæpna mann av Dans-
ætti, frå Sora og Estaol. 12 Då dei var komne upp i
høgdi, slo dei læger i Kirjat-Jearim i Judafylket; difor
hev den staden vore kalla Dans-lægret alt til denne
dag; det er vestanfor Kirjat-Jearim. 13 Derifrå for dei
yver til Efraimsheidi, og kom til garden hans Mika. 14

Då tok dei til ords, dei fem mennerne som hadde vore
til La'isbygdi og spæja, og dei sagde til landsmennerne
sine: «Veit de at i desse husi er det ei gullkåpa og
husgudar og eit gudebilæte med eit støypt fotstykke
til? so veit de vel kva de lyt gjera!» 15 So tok dei av
vegen der, og kom til huset åt den unge leviten på
garden hans Mika, og helsa på honom. 16 Der stod no
i portledet seks hundrad fullvæpna mann av Dans-ætti;
17 og dei fem mennerne som hadde vore der i landet
og spæja, gjekk upp på garden og inn i gudshuset,
og tok gudsbilætet og gullkåpa og husgudarne og
det støypte fotstykket, med presten stod i portledet
hjå dei seks hundrad fullvæpna mennerne. 18 Då no
desse kararne hadde vore inn i huset hans Mika og
teke gudsbilætet med gullkåpa og husgudarne og det
støypte fotstykket, so sagde presten til deim: «Kva er
det de gjer!» 19 «Teg deg og agta munnen din!» svara
dei. «Kom heller med oss, og ver far og prest for oss!
Er det'kje mykje betre for deg å vera prest for ei heil
ætt og grein av Israel enn for ein huslyd?» 20 Dette
lika presten vel. Han tok gullkåpa og husgudarne og
gudsbilætet, og gav seg med flokken. 21 So snudde
dei seg, og for av garde, og let kvinnorne og borni og
bufeet og eignaluterne sine vera fremst i ferdi. 22 Dei
var alt komne langt ifrå garden fyrr mennerne i grendi
hans Mika fekk samla seg og nådde deim att. 23 Dei
ropa etter Dans-sønerne, og dei vende seg og sagde
til Mika: «Kva er tids, med di du hev samla folki dine?»
24 «De hev teke gudarne som eg hev gjort meg, og
presten, og fare av garde med, » svara han; «kva hev
eg so att? Og endå spør de meg kva er tids!» 25 Då
sagde dei til honom: «Lat oss ikkje høyra eit ord av
deg meir! Elles kunde hug-rame karar rjuka på dykk,
og då kom du til å missa livet både du og dine.» 26
So for dei sin veg, Dans-sønerne, og då Mika såg
at dei var honom for sterke, snudde han um, og for
heim att. 27 Då Dans-sønerne hadde teke alle dei ting
som Mika hadde kosta seg, og presten som var hjå
honom, kom dei brått yver La'is, yver eit folk som livde
roleg og ikkje kom i hug nokon fåre; folket øydde dei
med odd og egg, og byen brende dei upp. 28 Og det
var ingen som hjelpte; for dei budde langt ifrå Sidon,
og hadde ikkje noko å gjera med anna folk. Byen
låg i Bet-Rehobdalen. Dans-sønerne bygde honom
upp att og vart buande der; 29 Dei kalla byen Dan
etter ættefar sin, son åt Israel; fyrr heitte han La'is. 30
Der sette dei upp att gudsbilætet, og Jonatan, son åt
Gersom, Moses' son, var prest for Dans-ætti, og so
var etterkomarane hans alt til den dagen då landet vart
øydt. 31 Gudsbilætet som Mika hadde gjort seg, vart
standande hjå deim so lenge Guds hus var i Silo.

**19** På denne tidi, den gongen då det ikkje fanst
nokon konge i Israel, var det ein mann av Levi-
ætti som budde lengst burte på Efraimsheidi. Han fekk
seg ei fylgjekone frå Betlehem i Judafylket. 2 Men kona
var utru mot honom, og for ifrå honom og heim til far
sin, til Betlehem i Juda. Der var ho eit bil, fire månader
på lag; 3 då for mannen hennar etter henne, og vilde
tala vel med henne og få henne til å koma att; og han
hadde med seg drengen sin og eit par asen. Den unge
kona leidde honom inn i huset åt far sin, og då faren
såg honom, vart han glad, og tok vel imot honom. 4
Og verfar hans, far åt den unge kona, heldt på honom,
so han vart verande der i tri dagar, og dei åt og drakk
og var der um natti. 5 Tidleg den fjorde dagen gjorde
mannen seg reidug og vilde fara i veg. Då sagde far åt
den unge kona til mågen sin: «Få deg fyrst ein bite
mat å kveikja deg på! Sidan kann de fara.» 6 So sette
dei seg ned båe tvo og åt og drakk saman, og far åt
den unge kona sagde til mannen: «Kjære, gjer vel og
ver til morgons, og kosa deg!» 7 Og då mannen reiste
seg og vilde taka ut, nøydde verfaren honom so lenge
til han gav seg og vart der um natti. 8 Morgonen etter -
det var den femte dagen - var han tidleg uppe, og vilde
taka av stad. Då sagde far åt den unge kona: «Kjære,
få deg fyrst noko å kveikja deg på og bia so til det lid
yver middag!» So åt dei i hop, dei tvo. 9 Sidan ferda
mannen seg til, og vilde taka i vegen med fylgjekona si
og drengen. Då sagde verfar hans, far åt den unge
kona: «No lid det alt til kvelds! Kjære, bia til morgons!
Sjå korleis dagen hallar! Ver her i natt, og kosa deg! I
morgon kann de taka tidleg i vegen, so du kann koma
heim att!» 10 Men mannen vilde ikkje gjeva seg til der
um natti. Han gjorde tok ut, og for frametter til han kom
midt for Jebus, det er det same som Jerusalem. Med
seg hadde han eit par asen med klyv, og fylgjekona
var med honom. 11 Då dei var innmed Jebus, var
dagen langt liden, og drengen sagde til husbonden sin:
«Kom, lat oss taka inn i jebusitarbyen her og vera der
med natti!» 12 «Nei, me vil ikkje taka inn i nokon by
der det berre bur framande, og ikkje israelitar; me vil
halda fram til Gibea, » svara husbonden. 13 «Kom, lat
oss sjå til å nå ein av dei byarne der burte, og få hus i
Gibea eller Rama!» sagde han til drengen sin. 14 So
heldt dei lenger fram, og då soli gladde, var dei tett ved
Gibea i Benjaminsfylket. 15 Der tok dei av vegen, og
gjekk inn i byen og vilde få hus um natti. Då han kom
inn i byen, sette han seg på torget; men det var ingen
som baud seg til å gjeva dei hus for natti. 16 Då kom
det ut på kvelden ein gamall mann heim frå marki, frå
arbeidet sitt; han var frå Efraimsheidi, men heldt til i
Gibea. Hitt folket der var benjaminitar. 17 Då han såg
upp, vart han var ferdamannen på torget, og sagde til

honom: «Kvar etlar du deg av, og kvar kjem du ifrå?»
18 «Me kjem frå Betlehem i Juda», svara hin, «og skal
langt burt på Efraimsheidi; der er eg ifrå. Eg hev vore
til Betlehem i Juda, og no er eg på vegen til Herrens
hus; men her er ingen som vil hysa meg! 19 Eg hev
både halm og for til asni våre, og brød og vin til meg
og kona og drengen som er med oss; det vantar oss
ingen ting.» 20 «Ver velkomen, » sagde den gamle
mannen; «lat berre meg syta for alt det du treng! Men
på torget må du ikkje vera i natt.» 21 So fylgde han den
framande inn i huset sitt, og gav asni hans for, og då
dei hadde tvege føterne sine, sette dei seg til bords. 22
Best dei sat og kosa seg, kom mennerne i byen, ukjor
som dei var, og kringsette huset; dei dundra på døri og
ropa til den gamle mannen som åtte huset: «Lat den
karen som hev teke inn hjå deg koma ut, so me kann
få vår vilje med honom!» 23 Då gjekk huseigaren ut
til deim, og sagde: «Far ikkje so, godtfolk! Gjer ikkje
vondt! Kom i hug at denne mannen er gjesten min, og
gjer ikkje so stygg ei gjerning! 24 Sjå her er dotter mi,
som er møy, og fylgjekona hans; deim skal eg senda
ut til dykk; so fær de taka deim og gjera med deim
som de synest; men denne mannen må de ikkje fara
so stygt med!» 25 Men kararne vilde ikkje høyra på
honom. Då tok den framande fylgjekona si, og leidde
henne ut til deim, og dei låg med henne og skamfor
henne heile natti, og slepte henne ikkje fyrr det leid
imot morgonen og tok til å ljosna. 26 I dagrenningi
kom kona, og seig i hop framfyre døri til det huset der
husbonden hennar var; der vart ho liggjande til det var
ljost. 27 Då husbonden hennar reis upp um morgonen,
og let upp husdøri og gjekk ut, vilde fara sin veg, då
låg kvinna, fylgjekona hans, framfyre husdøri, med
henderne på dørstokken. 28 «Reis deg upp, og lat oss
fara i veg!» sagde han. Men han fekk inkje svar. Då
lyfte han henne upp på asnet, og tok ut, og for til si
bygd. 29 Og då han kom heim, treiv han ein kniv, og
tok fylgjekona si, og lema henne sund i tolv luter, og
deim sende han kring i heile Israelsriket. 30 Og alle
som såg det, sagde: «Slikt hev aldri hendt og aldri
vore spurt, alt ifrå den dagen då Israels-sønerne for frå
Egyptarland og til denne dag. Tenk etter, legg råd, og
tala!»

**20** Då tok alle Israels-sønerne ut, og heile lyden,
frå Dan til Be'erseba og frå Gileadlandet, samla
seg alle som ein mann framfor Herren i Mispa. 2
Og dei gjævaste av heile folket, av alle Israels ætter,
steig fram der Guds folk heldt møte, fire hundrad
tusund i talet, alle gangføre og våpnføre menner. 3
Men Benjamins-sønerne fekk spurt at Israels-sønerne
var farne upp til Mispa. Då sagde Israels-sønerne:
«Seg frå korleis denne ugjerningi hev gjenge til!» 4
Og leviten, mannen åt den kona som var drept, tok til
ords og sagde: «Eg og fylgjekona mi kom til Gibea i
Benjamin, og vilde få hus der med natti. 5 Men Gibea-
mennerne baud vondt, og kringsette um natti huset
eg var i; meg tenkte dei å drepa, og fylgjekona mi
valdtok dei, so ho døydde. 6 Då tok eg fylgjekona mi,
og lema henne sund, og sende luterne kring i heile
Israels land og rike; for dei hadde gjort eit illverk og ei
ugjerning i Israel. 7 No er de samla her, alle Israels
menner! Kom no fram med dykkar meining og råd!» 8
Då reiste folket seg, alle som ein mann, og sagde:
«Ingen av oss skal draga burt til sitt tjeld, og ingen fara
heim til sitt hus! 9 Og so vil me gjera med Gibea: Byen
skal under lutkast! 10 No tek me ut ti mann for kvart
hundrad av alle Israels ætter, og hundrad for kvart
tusund, og tusund for kvart titusund; dei skal henta
mat til hermennerne, so dei, når dei kjem til Gibea
i Benjamin, kann gjeva folket der like for den store
ugjerningi dei hev gjort i Israel.» 11 So samla dei seg,
alle Israels menner, og drog imot byen, sameinte som
ein mann. 12 Og Israels-ætterne sende bod kring til
alle ættgreiner i Benjamin og sagde: «Kva er dette for
ei ugjerning som er gjord hjå dykk! 13 Send ut til oss
dei ukjurorne i Gibea, so me kann slå deim i hel og
rydja det vonde ut or Israel!» Men Benjamins-sønerne
vilde ikkje høyra på Israels-sønerne, brørne sine. 14
Dei kom i hop til Gibea frå alle bygderne sine, og vilde
draga i strid mot Israels-sønerne. 15 Den dagen vart
folket i Benjamins-bygderne mynstra: det var seks og
tjuge tusund våpnføre mann, umfram Gibea-buarne;
dei vart mynstra for seg, og var sju hundrad i talet,
alle saman utvalde hermenner. 16 Millom alt det folket
fanst det sju hundrad utvalde hermenner som var
keivhendte; alle desse høvde på eit hår med slyngja;
ingen kasta i mist. 17 Benjamin fårekna, mynstra
Israels-sønerne fire hundrad tusund våpnføre mann
som alle var herfolk. 18 Dei gjorde seg reiduge, og
gjekk upp til Betel, og spurde Gud: «Kven av oss skal
taka fyrst ut i striden mot Benjamins-sønerne?» «Juda
skal fyrst, » svara Herren. 19 Um morgonen braut
Israels-sønerne upp, og lægra seg midt imot Gibea. 20
So gjekk dei fram til strid mot Benjamin, og fylkte heren
sin imot deim burtåt Gibea. 21 Då braut Benjamins-
sønerne fram frå Gibea, og lagde den dagen tvo og
tjuge tusund Israels-menner i marki. 22 Og folket,
Israels-mennerne, herde seg til, og fylkte seg atter på
same staden som dei hadde fylkt seg fyrste gongen;
23 Israels-sønerne gjekk upp, og gret for Herrens åsyn
heilt til kvelds, og dei spurde Herren: «Skal me ganga
fram att og strida mot Benjamin, bror vår?» «Far imot
honom!» svara Herren. 24 men då dei dagen etter
gjekk fram imot Benjamins-sønerne, 25 for Benjamin

andre gongen ut imot deim frå Gibea, og lagde endå
attan tusund israelitar i marki, alle saman våpnføre
menner. 26 Då gjekk alle Israels-sønerne, heile folket,
upp til Betel; der sat dei gråtande for Herrens åsyn,
og fasta heile den dagen, alt til kvelds; og dei ofra
brennoffer og fredsoffer for Herrens åsyn, 27 og spurde
Herren. For den gongen stod Guds sambandskista der,
28 Pinehas, son åt Eleazar og soneson åt Aron, gjorde
den tid tenesta framfyr henne, og Israels-sønerne
spurde: Skal me endå ein gong draga ut i striden mot
Benjamin, bror vår, eller skal me lata vera? «Drag ut! I
morgon vil eg gjeva honom i henderne dykkar, » svara
Herren. 29 Då lagde Israel folk i umsåt rundt ikring
Gibea, 30 og so for dei tridje venda mot Benjamins-
sønerne, og fylkte seg burtåt Gibea, liksom dei fyrre
gongerne. 31 Benjamins-sønerne for ut imot deim, og
vart dregne burt ifrå byen; og liksom dei fyrre gongerne
felte dei i fyrstningi nokre av folket på ålmannvegarne
som ber uppetter, den eine til Betel og den andre yver
marki til Gibea; det var um lag tretti Israels-menner dei
fekk felt. 32 Då sagde Benjamins-sønerne: «Dei ryk for
oss no som fyrr!» Men Israels-sønerne sagde: «Lat
oss røma, so me fær drege deim burt frå byen og ut
på ålmannvegarne!» 33 So tok alle Israels-mennerne
ut frå stødet sitt og fylkte seg i Ba'al-Tamar, med
umsåtmennerne braut fram frå sitt støde vestanfor
Geba. 34 Og ti tusund utbladde stridsmenner av heile
Israel gjekk beint mot Gibea. Då vart det ein hard strid;
men Benjamins-sønerne visste ikkje at ulukka var tett
innpå deim. 35 Og Herren laga det so at Benjamin
rauk for Israel; Israels-sønerne felte den dagen fem og
tjuge tusund og eitt hundrad mann av Benjamins-ætti;
alle desse var våpnføre. 36 Benjamins-sønerne trudde
fyrst at Israels-mennerne var slegne; for dei drog seg
undan for Benjamin, men det var berre av di dei leit på
umsåti dei hadde sett mot Gibea. 37 Og no brårende
umsåtmennerne fram mot Gibea, og trengde seg inn,
og øydde heile byen med odd og egg. 38 Israels-
sønerne hadde gjort den avtalen med umsåtmennerne
at dei skulde lata ein tett røyk stiga upp ifrå byen. 39
Då no Israels-sønerne snudde ryggen til i striden, og
Benjamins-sønerne i fyrstningi felte nokre av deim -
um lag tretti mann - og sagde: «Dei ryk for oss, som i
den fyrste ota!» 40 då tok røyken til å stiga upp frå
byen som ein stor stopul, og då benjaminitarne såg
attum seg, fekk dei sjå at heile byen stod i ein loge,
som slo upp mot himmelen. 41 I det same snudde
Israels-mennerne um. Då vart Benjamins-mennerne
forfærde; for dei såg at ulukka hadde nått deim. 42
Dei vende seg og tok vegen til øydemarki for å koma
undan Israels-mennerne; men striden fylgde deim fot
og fet, og jamvel midt i byarne vart dei nedhogne,
dei som åtte heime der. 43 Israels-mennerne ringa
Benjamin inne, elte honom, og trakka honom ned der
han kvilde, alt til dei var beint i aust for Gibea. 44
Og det fall attan tusund mann av Benjamins-ætti; alle
desse var djerve stridsmenner. 45 So snudde dei um,
og rømde til øydemarki, burtimot Rimmonshøgdi. Og
Israels-mennerne felte på ålmannvegarne endå fem
tusund mann; sidan sette dei etter deim til Gideon og
felte tvo tusund til. 46 I alt var det fem og tjuge tusund
våpnføre mann av Benjamins-ætti som fall den dagen;
alle desse var djerve stridsmenner. 47 Då snudde dei
um, og rømde ut i øydemarki, til Rimmonshøgdi, seks
hundrad mann, og dei vart verande på Rimmonshøgdi
i fire månader. 48 Men Israels-mennerne for attende til
Benjaminslandet, og øydde det med odd og egg; både
byarne med sine folk, og bufeet, og alt det dei fann, og
alle byarne som fanst der, sette dei eld på.

**21** I Mispa hadde Israels-mennerne svore: «Ingen
av oss skal gjeva dotter si til nokon benjaminit!»
2 Men då folket kom til Betel, sat dei der for Guds
åsyn alt til det vart kveld, og dei storgret, 3 og sagde:
«Herre, Israels Gud, kvi skulde dette henda i Israel
at me i dag lyt sakna ei heil ætt av Israel?» 4 Tidleg
den andre morgonen bygde folket eit altar der, og
bar fram brennoffer og takkoffer. 5 Då sagde Israels-
sønerne: «Var det millom heile Israels-folket nokon
mann som ikkje kom upp til møtet hjå Herren?» For dei
hadde svore sin dyraste eid at den som ikkje kom upp
til Herren, til Mispa, han skulde lata livet. 6 Israels-
sønerne syrgde yver Benjamin, bror sin, og sagde: «I
dag er det hoggi burt ei heil grein av Israel! 7 Kva skal
me gjera for dei som att er, so dei kann få seg konor,
når me hev svore ved Herren at me ikkje vil gjeva dei
nokor av døtterne våre?» 8 So spurde dei att: «Var
det nokon mann av Israels-folket som ikkje kom upp
til Herren i Mispa?» Då fekk dei vita at frå Jabes i
Gilead var ingen komen til lægret eller til møtet; 9
folket vart mynstra, og då synte det seg at ingen av
Jabes-buarne frå Gilead var der. 10 So sende lyden
tolv tusund stridsmenner dit, og sagde til deim: «Far av
stad og hogg ned Jabes-buarne i Gilead med konor og
born! 11 Høyr no kva de skal gjera: Kvar karmann,
og kvar kvinna som hev vore nær nokon karmann
og havt samlega med honom, skal de bannstøyta
og rydja ut!» 12 Då fann dei millom Jabes-buarne i
Gilead fire hundrad ungmøyar som aldri hadde vore
nær nokon mann og havt samlega med honom, og
deim tok dei med seg til lægret i Silo i Kana'ans-land.
13 Og heile lyden sende bod til Benjamins-sønerne
som var på Rimmonshøgdi, og lova deim fred. 14
Då kom benjaminitarne att med ein gong, og Israels-
mennerne let deim få dei kvinnorne som dei hadde

spart etter av Jabes-folket i Gilead; men det rakk ikkje
til for deim. **15** Og folket syrgde endå yver Benjamin;
for Herren hadde hogge eit skard i Israels-folket. **16**
Og styresmennerne for lyden sagde: «Kva skal me
gjera for deim som att er, so dei kann få seg konor,
sidan alle kvinnor i Benjamins-ætti er utrudde? **17** Dei
som liver etter av Benjamin, skal få det som ætti hev
åtta, » sagde dei; «for ei ætt av Israel må ikkje ganga
til grunnar. **18** Men me kann ikkje gjeva deim nokor
av døtterne våre.» For Israels-sønerne hadde lyst ei
våbøn, og sagt: «Forbanna vere den som gjev dotter
si til ein benjaminit!» **19** «Men høyr no!» sagde dei:
«År um anna held dei ei høgtid for Herren i Silo, som
ligg nordanfor Betel, austanfor storvegen som ber frå
Betel upp til Sikem, og sunnanfor Lebona. **20** Far dit»,
sagde dei til Benjamins-sønerne, «og legg dykk på lur i
vinhagarne! **21** Når de då ser at Silo-møyarne kjem ut
og trør dansen, skal de springa fram or vinhagarne og
rana dykk kvar si kona millom Silo-møyarne, og so
fara heim til Benjaminslandet! **22** Og når federne eller
brørne deira kjem og kjærer seg for oss, so skal me
segja til deim: «Unn oss desse møyarne! For me vann
ikkje konor åt deim alle i striden. Og det er ikkje de
som hev gjeve deim møyarne; elles hadde de no havt
skuld på dykk.»» **23** Og Benjamins-sønerne gjorde so,
og henta seg kvar si kona millom møyarne som dei
rana på dansarvollen. So for dei heim att til odelslandet
sitt, og bygde upp att byarne og vart buande der. **24**
På same tid drog Israels-sønerne og burt derifrå, kvar
til si bygd og si ætt; kvar for heim til sin odelsgard. **25** I
dei dagar var det ingen konge i Israel; kvar gjorde som
han hadde hug til.

# Ruts

**1** I den tidi då domarane styrde, vart det uår i landet.
Då for ein mann frå Betlehem i Juda i veg med kona
si og båe sønerne sine og vilde bu i Moablandet ei
stund. **2** Mannen heitte Elimelek og kona hans No'omi,
og dei tvo sønerne Mahlon og Kiljon; dei var efratitar,
frå Betlehem i Juda. No kom dei då til Moablandet
og vart veranda der. **3** Og Elimelek, mannen hennar
No'omi, døydde; men ho livde att med dei tvo sønerne
sine. **4** Sønerne tok seg konor frå Moablandet; den
eine heitte Orpa og den andre Rut. Og dei budde der
på lag ti år. **5** Då døydde både Mahlon og Kiljon, og
kvinna livde att etter sønerne sine og mannen sin. **6**
Då budde ho seg til å fara heim att frå Moablandet med
sonekonorne sine; for ho hadde høyrt i Moablandet at
Herren hadde set um folket sitt og gjeve deim brød. **7**
So gav ho seg i veg frå den staden der ho hadde butt,
ho og båe sonekonorne hennar. Då dei var komne
eit stykke på vegen heim til Judalandet, **8** då sagde
No'omi til sonekonorne sine: «Snu no og gakk heim att
kvar til si mor! Herren vere miskunnsam mot dykk, so
som de hev vore mot båe dei avlidne og mot meg! **9**
Herren gjeve at de må finna ro, kvar i huset hjå sin
mann!» So kysste ho deim; men dei tok til å gråta, **10**
og sagde til henne: «Nei, me vil fylgja med deg attende
til folket ditt.» **11** Men No'omi svara: «Snu att, døtterne
mine; kvifor skulde de ganga med meg? Kann eg endå
få søner i mitt liv som kunde verta menner åt dykk? **12**
Snu, døtterne mine, og gakk heim att! for eg er for
gamall til å gifta meg att. Og um so var at eg kunde
tenkja: «Eg hev endå von, » ja um eg so alt i natt gav
meg åt ein mann, og so vart at eg fødde søner, **13**
skulde so de bia til dei vart fullvaksne? skulde so de
stengja dykk inne og liva utan menner? Nei, døtterne
mine, eg tykkjer synd i dykk, for meg hev Herrens
hand råma.» **14** Då tok dei til å gråta att, og Orpa
kysste vermor si til avskil, men Rut vilde ikkje slite seg
laus frå henne. **15** Då sagde ho: Sjå, versyster di hev
snutt heim att til folket sitt og til sin gud. Snu no du og,
og fylg versyster di!» **16** Men Rut svara: «Ikkje tel meg
til å snu att og ganga frå deg! for der du gjeng, vil eg
og ganga, og der du stanar, der vil eg og stana. Ditt
folk er mitt folk, og din Gud er min Gud. **17** Der du
døyr, vil eg og døy, og der vil eg verta jorda. Herren
late meg bøta for det no og sidan, um noko anna enn
dauden skulde skilja meg frå deg!» **18** Då ho no såg at
ho stod fast på sitt og vilde vera med henne, tala ho
ikkje meir med henne um dette. **19** So gjekk dei saman
til dei kom til Betlehem. Og då dei kom til Betlehem,
kom heile byen i rørsla for deira skuld, og kvinnorne
sagde: «Er dette No'omi?» **20** Men ho sagde til deim:
«Kalla meg ikkje No'omi, men kalla meg Mara, for Den
Allmegtige hev late mykje sorg koma yver meg. **21**
Rik for eg herifrå, og tomhendt hev Herren late meg
koma att. Kvifor kallar de meg No'omi då når Herren
hev vitna mot meg, og den Allmegtige hev late det
ganga meg so ille?» **22** So kom då No'omi heim att frå
Moabland med sonekona si, moabitkvinna Rut, og dei
kom til Betlehem då dei tok til med skurdonni.

**2** Det var ein frende åt mannen til No'omi, ein rik
mann av ætti hans Elimelek; han heitte Boaz. **2** Og
moabitkvinna Rut sagde til No'omi: «Lat meg ganga ut
på åkeren og plukka aks etter einkvan som syner seg
venleg mot meg!» Ho svara: «Ja, gjer det, du dotter
mi!» **3** So gjekk ho då av stad og kom til ein åker og
plukka aks der etter skurdfolket, og det høvde seg
so til at åkerstykket høyrde Boaz til, han som var av
ætti hans Elimelek. **4** Og Boaz kom nett då dit frå
Betlehem, og han sagde til skurdfolket: «Herren vere
med dykk!» Dei svara honom: «Herren velsigne deg!»
**5** Og Boaz spurde den drengen som hadde tilsyn med
skurdfolket: «Kven høyrer ho til denne unge kvinna?»
**6** Drengen som hadde tilsyn med skurdfolket, svara og
sagde: «Det er ei moabitkvinna, ho som fylgde med
No'omi hit frå Moablandet. **7** Ho spurde um ho kunde
få plukka og henta i hop aks millom kornbandi etter
skurdfolket, og so kom ho, og hev halde på sidan i
dag tidleg alt til no og ikkje kvilt det slag.» **8** Då sagde
Boaz til Rut: «Høyr, dotter mi! Du skal ikkje ganga stad
og plukka aks på nokon annan åker; gakk ikkje her
ifrå heller, men haldt deg åt tenestgjentorne mine her!
**9** Ansa etter kvar skurdfolket arbeider på åkeren, og
gakk etter deim! Eg hev sagt åt drengjerne at dei ikkje
skal gjera deg noko vondt. Og um du vert tyrst, so
gakk burt åt kjeri og drikk av det vatnet drengjerne
hentar!» **10** Då kasta ho seg ned med andlitet mot
jordi og sagde til honom: «Kvifor hev eg funne slik
nåde for augo dine, at du tek deg av meg som er
framand?» **11** Boaz svara og sagde til henne: «Dei
hev fortalt meg kva du hev gjort mot vermor di, etterat
mannen din var avliden, korleis du hev forlate far din
og mor di og fedrelandet ditt og fare til eit folk som du
fyrr ikkje kjende. **12** Herren løne deg for det du hev
gjort, ja måtte du få fullt vederlag av Herren, Israels
Gud, han som du hev kome til, for å finna livd under
vengjerne hans!» **13** Ho sagde: «So må eg då finna
nåde for augo dine, herre; etter di du hev trøysta meg
og tala venleg med tenestgjenta di, endå eg ikkje ein
gong er so mykje som ei av tenestgjentorne dine.»
**14** Då det leid til måls, sagde Boaz til henne: «Kom
hit og et av brødet, og stikk brødstykket ditt ned i
vinen!» Då sette ho seg attmed skurdfolket, og han
lagde fram åt henne brunsteikte aks, og ho åt og vart

mett, og hadde endå att. 15 Då ho stod upp og skulde
plukka aks, sagde Boaz til drengjerne sine: «Lat henne
og plukka aks millom kornbandi, og gjer henne ikkje
noko til mein! 16 Ja, de kann gjerne draga ut strå
or bandi og lata deim liggja, so ho fær plukka deim
upp, og ingen skal vera vond på henne for det.» 17
So plukka ho aks på åkeren alt til kvelds. Og då ho
banka or det ho hadde plukka, vart det på lag ein
skjeppa bygg. 18 Og ho tok byrdi si og gjekk inn i
byen, og vermor hennar fekk sjå kva ho hadde plukka.
So tok ho fram og gav henne det som vart att då ho
hadde ete seg mett. 19 Då sagde vermor hennar til
henne: «Kvar hev du plukka aks i dag, og kvar hev
du arbeidt? Velsigna vere han som hev hjelpt deg til
det!» So fortalde ho vermor si kven ho hadde arbeidt
hjå, og sagde: «Den mannen som eg hev arbeidt hjå i
dag, heiter Boaz.» 20 Då sagde No'omi til sonekona
si: «Herren velsigne honom, for di han gjer miskunn
både mot deim som liver og dei avlidne!» Og No'omi
sagde til henne: «Denne mannen er av frendarne våre,
ein av løysingsmennerne våre.» 21 Moabitkvinna Rut
sagde: «Han sagde og til meg: Haldt deg åt drengjerne
mine til dei hev gjort frå seg all skurden min!» 22 Då
sagde No'omi til Rut, sonekona si: «Ja, det er best,
dotter mi, at du gjeng med tenestgjentorne hans; so
dei ikkje skal gjera deg noko vondt på ein annan åker.»
23 So heldt ho seg åt tenestgjentorne hans Boaz og
plukka aks der til dei vart ferdige både med bygg- og
kveiteskurden. Men ho budde hjå vermor si.

**3** Og No'omi, vermor hennar, sagde til henne: «Dotter
mi, eg vil sjå til å hjelpa deg, so du kann finna
ein kvilestad, der du kann få det godt. 2 Høyr no:
Boaz, som du hev vore saman med tenestgjentorne
åt, han er frenden vår. No i natt kastar han bygg på
treskjestaden sin. 3 Vaska deg no og salva deg; klæd
so på deg og gakk ned på plassen. Men lat honom
ikkje sjå deg fyrr han hev ete og drukke. 4 Når han
legg seg, sjå so etter kvar han legg seg. Gakk dit og
lyft upp klædet nedmed føterne hans, og legg deg der!
då vil han segja deg sjølv kva du skal gjera!» 5 Ho
svara henne: «Alt det du segjer, vil eg gjera.» 6 Og
ho gjekk ho ned på treskjarplassen og gjorde alt so
som vermor hennar hadde sagt ho skulle gjera. 7 Då
Boaz hadde ete og drukke, var han i godlag og lagde
seg attmed kornhaugen; då gjekk ho stilt dit og lyfte
upp klædet nedmed føterne hans, og lagde seg der. 8
Ved midnattsleite vart mannen uppskræmd og bøygde
seg framyver, og so fekk han sjå at det låg ei kvinna
nedmed føterne hans. 9 «Kven er du?» sagde han. Ho
svara: «Eg er Rut, trælkvinna di; breid ut vengjerne
dine yver trælkvinna di, for du er løysingsmannen min.»
10 Då sagde han: «Herren velsigne deg, dotter mi! Du
hev no synt større kjærleik enn fyrr, for du hev ikkje
rent etter unge menner, korkje fatige eller rike. 11 Ver
no ikkje rædd, dotter mi! Alt det du segjer, vil eg gjera;
for alt folket i byen veit at du er ei dygdefull kvinna. 12
Det er no sant og visst at eg er løysingsmannen din;
men det er ein annan løysingsmann som er næmare
enn eg. 13 Ver no her i natt; vil han då i morgon løysa
deg, so lat honom gjera det; men hev han ikkje hug til
å løysa deg, so skal eg gjera det, so sant Herren liver!
Ligg no her til morgons!» 14 So låg ho då nedmed
føterne hans til morgons; men ho stod upp fyrr den
eine kunde skilja den andre greidt; for han tenkte:
«Det må ikkje nokon vita at kvinna hev kome hit til
treskjarplassen. 15 Og han sagde: Kom med kåpa du
hev på deg, og haldt henne fram!» Og ho hene fram.
Då mælte han i seks mål bygg og gav henne; dermed
gjekk ho inn i byen. 16 Og då ho kom til vermor si,
sagde ho: «Korleis hev det gjenge, dotter mi?» Då
fortalde ho henne alt det mannen hadde gjort mot
henne. 17 Og ho sagde: «Desse seks måli med bygg
gav han meg og sagde: «Du skal ikkje koma tomhendt
heim til vermor di.»» 18 Då svara ho: «Haldt deg no
roleg, dotter mi, til du fær sjå korleis det gjeng! for den
mannen gjev seg ikkje fyrr han fær avgjort saki i dag.»

**4** Og Boaz hadde gjenge upp på tinget og sett seg
der. Då høvde det so at den løysingsmannen som
Boaz hadde tala um, gjekk framum der. Han tala
åt honom og sagde: «Kom hit og set deg her!» Og
han kom og sette seg. 2 So tok han burtåt seg ti av
styresmennerne i byen og sagde: «Set dykk her!» Og
dei sette seg. 3 Då sagde han til løysingsmannen:
«Det åkerstykket som høyrde Elimelek, bror vår, til, vil
No'omi selja, ho som hev kome att frå Moablandet. 4
Difor tenkte eg at eg skulde fortelja deg det og segja:
Kjøp det du når dei er til stades dei som sit her, og
styresmennerne for folket mitt! Vil du taka det etter
løysingsretten, so gjer det; vil du ikkje løysa det, då
seg meg det, so eg fær vita det; for ingen annan eig
løysingsretten enn du, og næst etter deg er det eg
sjølv.» Han sagde: «Eg vil løysa det.» 5 Då sagde
Boaz: «Når du kjøper åkeren av No'omi, so kjøper du
honom og av moabitkvinna Rut, kona åt den avlidne,
og du skyldar å reisa upp att namnet åt den avlidne,
og festa det til arvluten hans.» 6 Løysingsmannen
svara: «Då kann eg ikkje nytta løysingsretten min, for
so spiller eg min eigen arvlut. Løys du åt deg det eg
skulde ha løyst, for eg kann ikkje gjera det.» 7 Det var
gamall sed i Israel når ein mann skulde stadfesta ei
løysing eller eit avtala byte, då drog han av seg skoen
og gav honom til den andre, og dette gjaldt som ein
vitnesburd i Israel. 8 Då sagde løysingsmannen til

Boaz: «Kjøp det du!» og so drog han av seg skoen.
9 Boaz sagde no til styresmennerne og til alt folket:
«De er i dag vitne på at eg hev kjøpt av No'omi alt det
som hev høyrt Elimelek til, og alt som hev høyrt Kiljon
og Mahlon til. 10 Like eins hev eg kjøpt moabitkvinna
Rut, kona hans Mahlon, til kona åt meg, so eg kann
reisa namnet åt den avlidne og festa det til arvluten
hans, so namnet hans ikkje kjem burt millom brørne
hans eller frå porten på heimstaden hans. De er vitne
på dette i dag.» 11 Og alt folket som var på tinget og
styresmennerne sagde: «Ja, det er me. Herren gjeve
at den kvinna som no gjeng inn i huset ditt, må verta
som Rakel og Lea, dei tvo som hev bygt upp Israels
hus! Og gjev du må koma til velmagt i Efrata og verta
namngjeten i Betlehem! 12 Og gjev at dei etterkomarar
som Herren vil gjeva deg med denne unge kvinna,
må verta ei ætt som ætti hans Peres, han som Tamar
fødde åt Juda!» 13 So tok då Boaz Rut til seg, og ho
vart kona hans; han gjekk inn til henne, og Herren gav
henne livsfrukt, og ho fødde ein son. 14 Då sagde
kvinnorne til No'omi: «Lova vere Herren som hev gjort
at du idag ikkje vantar løysingsmann! Han skal verta
namngjeten i Israel. 15 Han skal verta ein trøystar
åt deg og din alderdoms hjelp; for sonekona di, ho
som held av deg, hev født honom; ho som er meir
for deg enn sju søner.» 16 Og No'omi tok barnet og
lagde det i fanget sitt og vart fostermor åt det. 17 Og
grannekvinnorne gav honom namn og sagde: «No'omi
hev fenge ein son, » og dei gav honom namnet Obed;
Han vart far åt Isai, far åt David. 18 Her er ættartalet
hans Peres: Peres var far åt Hesron. 19 Hesron var far
åt Ram, og Ram var far åt Amminadab. 20 Amminadab
var far åt Nahson, og Nahson far åt Salma. 21 Salmon
var far åt Boaz, og Boaz far åt Obed. 22 Obed var far
åt Isai, og Isai far åt David.

# 1 Samuels

**1** Elkana heitte ein mann, ein sufit som budde i Rama,
på Efraimsheidi. Han var son åt Jeroham, son åt
Elihu, son åt Tohu, son åt Suf, ein efraimit. **2** Han
hadde tvo konor; Hanna heitte den eine, Peninna heitte
hi. Peninna hadde born, men Hanna var barnlaus. **3**
År etter år drog denne mannen upp frå byen sin, og
tilbad og ofra i Silo til Herren, allhers drott. Der var dei
tvo Eli-sønerne Hofni og Pinehas prestar for Herren. **4**
Alltid når Elkana ofra, gav han Peninna, kona si, og
alle sønerne og døtterne hennar kvar sin lut. **5** Men
Hanna gav han ein lut for tvo; for han elska Hanna,
endå Herren hadde stengt morslivet hennar. **6** Og
medtevlaren hennar erga og terga henne, og vilde øsa
henne upp i egse, for di Herren hadde stengt morslivet
hennar. **7** Soleis gjorde han år etter år, kvar gong ho
kom upp til Herrens hus; ho terga henne sameleis. Og
då gret ho og vilde ikkje eta. **8** Elkana, mannen hennar,
sagde til henne: «Hanna, kvifor græt du? og kvifor et
du ikkje? Og kvifor er du so hugsjuk? Er ikkje eg meir
for deg enn ti søner?» **9** Ein gong dei hadde ete og
drukke i Silo, reis Hanna upp - presten Eli sat på ein
stol attmed den eine dørstolpen til Herrens heilagdom
- **10** Og i hjartans sut bad ho til Herren og gret sårt. **11**
Og ho gjorde ein lovnad og sagde: «Herre, du allhers
drott! vil du venda augo til vesaldomen åt trælkvinna
di og tenkja på meg, og ikkje gløyma trælkvinna di,
men gjeva trælkvinna di eit gutebarn, so vil eg vigja
honom til Herren for alle hans livedagar, og aldri skal
det koma saks på hovudet hans.» **12** Ho heldt lenge på
og bad framfor Herren. Og Eli fylgde munnen hennar
med augo; **13** for Hanna bad ikkje høgt; ho leda berre
lipporne, men mælet høyrdest ikkje. So trudde Eli ho
var drukki. **14** Difor sagde til henne: «Kor lenge vil du
syna deg drukki? Sjå til å få ruset til å siga av deg!»
**15** Men Hanna svara: «Nei, herre! eg er ei sorgtyngd
kona. Vin og rusdrykk hev eg ikkje drukke; men eg hev
rent ut hjarta mitt for Herren. **16** Haldt ikkje trælkvinna
di for ei uvyrda! for det er utav stor sorg og trege eg
hev tala heile tida.» **17** Eli svara og sagde: «Far i fred!
Israels Gud skal gjeva deg det du hev bede honom
um!» **18** Då sagde ho: «Å gjev trælkvinna di må finna
godvilje hjå deg!» So gjekk ho sin veg, og fekk seg
mat, og ho synte ikkje suti si meir. **19** Morgonen etter
reis dei upp tidleg og heldt bøn framfor Herren. So for
dei attende og kom til Rama. Elkana budde saman
med Hanna, kona si, og Herren kom henne i hug. **20**
Då det hadde lide ei tid, vart Hanna med barn, og
åtte ein son, som ho kalla Samuel; «for», sagde ho,
«eg hev bede Herren um honom.» **21** Elkana drog
upp med heile huslyden sin og ofra til Herren det
årlege slagtofferet sitt, og offer han hadde lova. **22**
Men Hanna drog ikkje med. Ho sagde til mannen sin:
«Eg vil bia til dess vesleguten er avvand. Då vil eg
føra honom med meg og syna honom fram for Herren,
so han sidan kann halda til der alle dagar.» **23** Elkana,
mannen hennar, sagde med henne: «Gjer som du
tykkjer best. Bia til dess du hev vant honom av. Berre
Herren må gjera etter sitt ord!» So var kona att heime
og hadde son sin til brjostet, til dess ho vande honom
av. **24** Men då han var avvand, tok ho honom med dit
upp, og hadde med seg tri uksar, ei skjeppa mjøl og ei
vinhit, og ho førde honom inn i Herrens hus i Silo. Men
han var berre ein liten gut. **25** Dei slagta uksen, og
førde so vesleguten til Eli. **26** Ho sagde: «Høyr, herre!
so sant du liver, herre, so er eg den kona som stod her
attmed deg og bad til Herren. **27** Um denne guten bad
eg, og Herren høyrde bøni mi og gav meg det eg bad
um. **28** Difor gjev eg honom att til Herren, so han skal
vera ei gåva frå Herren alle sine livedager.» Og dei
bad til Herren der.

**2** Då bad Hanna og sagde: «Hjarta mitt frygdar seg
i Herren, høgreist er hornet mitt i Herren. Med
vidopen munn ropar eg mot fiendarne mine, for di eg
fegnast for frelsa di. **2** Ingen er heilag som Herren,
ingen er til utan du. Det bid inkje berg som vår Gud.
**3** Slutta med kyt og kaute ord! Slepp ikkje agelause
ord or munnen! For Herren er Gud som allting veit,
og verki deim veg han vel. **4** Brosten vert bogen åt
kjemporne, men dei ustøde fær styrkebelte på. **5** Dei
som fyrr fekk sin mette, lyt leiga seg burt for mat, men
dei som svalt, svelt ikkje meir. Barnlaus kona fær borni
sju, barnerik mor folnar og fåst. **6** Herren er den som
tek liv og gjev liv, han fører ned til Helheim og upp
derifrå. **(Sheol h7585)** **7** Herren er den som gjer arm og
gjer rik. Han dreg ned, men lyfter ogso upp. **8** Han
reiser den ringe or moldi, og lyfter den låge or søyla,
og leider han til sætes millom hovdingar og gjev han
eit æresæte. Grunnstolparne åt jordi høyrer Herren
til, på deim han bygde manneheimen. **9** Han held
vakt og hegnar vegen åt dei gudlege, men gudlaust
folk forferst i myrkret; for aldri mannen vinn med eigi
magt. **10** Deim som strider imot Herren, skræmer han,
i himmelen yver deim dundrar han. Herren dømer jordi
frå ende til annan, han aukar krafti hjå kongen sin. Han
hevjar hornet høgt åt den han salvar.» **11** Elkana for
heim att til Rama. Men guten gjorde tenesta for Herren
hjå presten Eli. **12** Men sønerne åt Eli var uvyrdor; dei
ansa ikkje Herren, **13** og ikkje heller kva prestarne med
rette kunde krevja av folket. Kvar gong ein mann ofra
slagtoffer, kom drengen åt presten medan kjøtet koka,
og hadde ein tritinda gaffel i handi, **14** og stakk honom
ned i gryta eller kjeraldet eller kjelen eller krukka; og

alt som hekk fast på gaffelen, tok presten. Soleis for
dei med alle israelitar som kom dit til Silo. 15 Ja endå
fyrr enn feittet var brent, kom prestedrengen og sagde
til mannen som ofra: «Hit med steikjekjøt til presten!
han vil ikkje hava kokt kjøt hjå deg, berre rått.» 16
Um då mannen sagde: «Fyrst må eg brenna feittet;
sidan kann du taka alt det du lyster!» svara han: «Nei,
kom straks med det! Elles tek eg det med magt.» 17
Den ovstore syndi dei unge prestarne gjorde beint i
augo på Herren; vart so mykje større av di dei lærde
folket svivyrda offeret til Herren. 18 Samuel gjorde
tenesta for Herrens åsyn. Alt medan han var smågut,
var han klædd i ein messehakel av lin. 19 Dessutan
laga mor hans ein liten kjole kvart år honom og hadde
med seg, når ho kom med mannen sin og ofra det
årvisse slagtofferet. 20 Då velsigna Eli Elkana og kona
hans og sagde: «Herren gjeve deg fleire born med
denne kona, i staden for honom som ho hev bede um
i bøn til Herren!» So for dei heim att. 21 Og Herren
kom i hug Hanna, og ho vart med barn og åtte tri
søner og tvo døtter. Men guten Samuel voks upp hjå
Herren. 22 Eli var svært gamall. Han høyrde gjete alt
det sønerne hans gjorde mot heile Israel, og at dei låg
med dei kvinnorne som gjorde tenesta ved inngangen
til møtetjeldet. 23 Og han sagde då: «Kvifor fer de
soleis åt? Eg høyrer heile folket talar um all den vonde
framferdi dykkar. 24 Gjer ikkje so, sønerne mine! det
hev ikkje noko godt lov, so som eg høyrer ordet gjeng
um dykk frå mann til mann millom Herrens folk. 25
Når folk syndar mot einannan, so dømer Gud deim
imillom. Men når nokon syndar mot Herren, kven skal
då ganga imillom?» Men dei lydde ikkje på ordi åt far
sin; for Herren hadde etla deim til å døy. 26 Men guten
Samuel voks og mannast, og vann godhug både hjå
Gud og menneskje. 27 Ein gudsmann kom då til Eli og
sagde til honom: «So segjer Herren: «For farsætti di
openberra eg meg den tid dei var i Egyptarland og
træla for Faraos hus. 28 Eg valde henne millom alle
Israels ætter til prestenesta mi, til å ofra på altaret mitt
og brenna røykjelse og bera messehakel for mi åsyn.
Og eg gav farsætti di offerretterne frå Israels-borni.
29 Kvifor trakkar de då på slagtofferi og grjonofferi
mine som eg skipa til i min bustad? Kor kann du æra
sønerne dine meir enn meg, so det godnar dykk med
det beste av kvar offergåva som Israel, folket mitt,
ber fram?» 30 Difor lyder ordet frå Herren, Israels
Gud: «Vel hev eg sagt: Di ætt og farsætti di skal få
gjera tenesta for mi åsyn alltid og æveleg.» Men no
lyder Herrens ord: «Aldri i verdi! deim som ærar meg,
deim vil eg æra; dei som vanvyrder meg, skal verta til
skammar. 31 Sjå dei dagar kjem då eg høgg av din
arm og armen åt farsætti di, so ingen vert gamall i ætti
di. 32 Og du skal sjå Guds bustad i naud, endå so
mykje godt Herren gjer mot Israel. Og ingen skal nokon
sinne verta gamall i ætti di. 33 Berre ein einaste av di
ætt vil eg ikkje rydja burt frå altaret mitt, so eg sløkkjer
ut augo dine, og syg mergen or beini dine; og alle som
veks upp i ditt hus, skal døy i dei beste manndomsåri.
34 Og det skal du hava til merke, det som kjem yver
sønerne dine, Hofni og Pinehas: på ein dag skal dei
båe døy. 35 Eg vil reisa meg upp ein pålitande prest
som gjer etter min hug og vilje. Åt honom vil eg byggja
eit traust hus, so han allstødt skal gjera tenesta framfor
den eg salvar. 36 Då vil det henda at alle som vert att i
ætti di, kjem og kastar seg å gruve for honom og tiggar
um ein skilling eller ein brødleiv, og segjer: «Kjære
væne, set meg til medhjelpar i eit av preste-embætti
dine, so eg kann få ein bite mat å eta!»»»

**3** Guten Samuel gjorde tenesta for Herren hjå Eli.
Herrens ord var dyrt i dei dagarne, og profetsynerne
var sjeldfengde. 2 Då bar det so til med Eli låg i det
vanlege kvileromet sitt - han tok til å dimmast på syni,
so han ikkje kunde skilja - 3 og dei endå ikkje hadde
sløkt Guds lampa, og Samuel sov i Herrens heilagdom,
der Guds kista stod: 4 då ropa Herren på Samuel,
og han svara: «Ja, her er eg.» 5 Han sprang til Eli
og sagde: «Her er eg, du ropa på meg.» Han svara:
«Nei, eg ropa ikkje; gakk og legg deg att!» Han gjekk
og lagde seg. 6 Herren ropa ein gong til: «Samuel!»
Samuel reis upp og gjekk til Eli og sagde: «Ja, her er
eg, du ropa på meg!» Han svara: «Nei, eg ropa ikkje,
guten min! gakk og legg deg att!» 7 Samuel hadde
ikkje endå lært å kjenna Herren; Herrens ord hadde
ikkje openberra seg for honom endå. 8 Tridje venda
heldt Herren fram og ropa på Samuel. Han reis upp
og gjekk til Eli og sagde: «Ja, her er eg, du ropa på
meg.» Då skyna Eli det var Herren som ropa på guten.
9 Og Eli sagde til Samuel: «Gakk du og legg deg!
Hender det so at einkvan ropar på deg, skal du svara:
«Tala, Herre! tenaren din høyrer!»» Samuel gjekk og
lagde seg i romet sitt. 10 Då so Herren gjekk innåt
og ropa som gongerne fyrr: «Samuel, Samuel!» då
svara Samuel: «Tala, Herre! tenaren din høyrer.» 11
Då sagde Herren til Samuel: «Eg kjem til å gjera verk i
Israel som kjem til å ringja for båe øyro på deim som
høyrer det. 12 På den dagen skal eg lata koma yver
Eli alt det eg hev tala um ætti hans, frå fyrst til sist. 13
Eg hev kunngjort for honom at eg vil døma ætti hans til
æveleg tid, for den misgjerning som han visste um,
at sønerne hans drog forbanning yver seg, og likevel
aga han deim ikkje. 14 Difor hev eg svore Eli-ætti:
«Aldri i æva skal syndi i Eli-ætti kunna sonast antan
med slagtoffer eller noko anna offer.»» 15 Samuel vart
liggjande til morgons, då han skulde opna dørerne til

Herrens hus. Samuel torde ikkje fortelja Eli um syni. **16** Men Eli ropa på Samuel, og sagde: «Samuel, guten min!» Han svara: «Her er eg.» **17** Han sagde: «Kva var det Gud tala til deg? Kjære, dyl det ikkje for meg! Gud late deg bøta no og sidan, dersom du løynar noko for meg av det han tala til deg!» **18** So fortalde Samuel alt saman, og løynde ingen ting for honom. Eli svara: Han er Herren. Han gjere som tekkjest honom! **19** Samuel voks til, og Herren, var med honom, og let ikkje eitt av alle sine ord falla til jordi. **20** Heile Israel frå Dan til Be'erseba skyna at Samuel var utvald til profet for Herren. **21** Og Herren heldt fram med å syna seg i Silo. For Herren openberra seg for Samuel i Silo gjenom Herrens ord.

**4** Og heile Israel høyrde Samuels ord. Israel drog ut til strid mot filistarane og lægra seg ved Eben-Ezer, medan filistarane lægra seg i Afek. **2** Filistarane fylkte heren sin mot Israel, og striden vart drjug. Og Israel tapte for filistarane; dei felte umlag fire tusund mann på vigvollen. **3** Då no folket kom att til lægret, sagde dei øvste i Israel: «Kvifor hev Herren late filistarane slå oss i dag? Lat oss henta Herrens sambandskista frå Silo, so ho kann vera her hjå oss og frelsa oss frå fiendarne våre!» **4** Folket sende bod til Silo og tok derifrå sambandskista åt Herren, allhers drott, han som tronar yver kerubarne. Og dei tvo Eli-sønerne, Hofni og Pinehas, fylgde med Guds sambandskista. **5** Då Herrens sambandskista kom til lægret, då losna det so stort eit fagnadrop frå heile Israel, at jordi dunde. **6** Då filistarane høyrde ljoden av fagnadropet, sagde dei: «Kva tyder dette glymjande fagnadropet i hebræarlægret?» Og då dei vart vise med at Herrens kista var komi til lægret, **7** vart dei forfærde; for dei tenkte: «Gud er komen til lægret.» Og dei sagde: «Usæle me! sovore hev aldri hendt fyrr! **8** Usæle me! kven skal frelsa oss frå denne velduge Guden? Det var denne Guden som sende alle ulukkorne yver egyptarane i øydemarki. **9** Men - manna dykk upp! og far fram på kara vis, filistarar, so ikkje de skal verta trælar for hebræarane, liksom dei hev vore trælar for oss! Ver no karar, og gakk på!» **10** Filistarane kasta seg inn i striden; Israels-sønerne vart slegne, og lagde på sprang kvar til sitt, og mannefallet vart øgjelegt stort; av Israel fall tretti tusund mann fotfolk. **11** Og Guds kista fall i fiendehand, og Hofni og Pinehas, båe Eli-sønerne, let livet. **12** Ein mann av Benjamin sprang frå slagmarki og nådde Silo same dagen, med sundrivne klæde og mold på hovudet. **13** Då han kom dit, sat Eli på stolen sin attmed byporten og einstirde utetter vegen; for hjarta hans bivra av otte for Guds kista. Då mannen kom inn i byen med denne tidendi, tok heile byen til å jamra og klaga. **14** Og då Eli høyrde ljoden av klageropet, spurde han: «Kva tyder dette ståket eg høyrer?» Mannen skunda seg burtåt og fortalde det med Eli. **15** Eli var åtte og nitti år gamall og star-blind, so han inkje kunde sjå. **16** Mannen sagde til Eli: «Det er eg som kjem frå slagmarki, eg hev rømt frå striden i dag.» Han spurde: «Korleis hev det gjenge då, guten min?» **17** Bodberaren svara: «Israel rømde for filistarane, det vart stort mannefall på folket, Hofni og Pinehas, sønerne dine, er falne, og Guds kista hev falle i fiendehand.» **18** Då han nemnde Guds kista, datt Eli attlenges av stolen attmed byporten og braut halsbeinet. Det vart banen hans; for mannen var gamall og før. Han hadde då vore domar i Israel i fyrti år. **19** Verdotter hans, kona åt Pinehas, var med barn og gjekk på fallande føter. Då ho høyrde gjete at Guds kista var falli i fiendehand, og at verfaren og mannen hennar hadde late livet, so seig ho i kne og fødde; for føderiderne kom yver henne. **20** Då ho var mest inni dauden, sagde kvendi som stod ikring henne: «Ver hugheil! du hev fenge ein son.» Men ho svara inkje, og agta ikkje på det. **21** Ho kalla guten I-kabod: «Kvorven er herlegdomen frå Israel, » sagde ho. Ho kom i hug Guds kista som var falli i fiendehand, og so verfaren og mannen. **22** «Kvorven er herlegdomen frå Israel, » sagde ho, «for Guds kista var falli i fiendehand.»

**5** Filistarane tok Guds kista og førde henne frå Eben-Ezer til Asdod. **2** Der tok filistarane Guds sambandskista og bar henne inn i Dagons tempel og sette henne attmed Dagon. **3** Då Asdod-folki kom dit tidleg morgonen etter, fekk dei sjå Dagon liggja å gruve på golvet framanfor Herrens kista; dei tok då Dagon og sette honom på staden sin att. **4** Men då dei kom tidleg næste morgon, fann dei Dagon liggjande å gruve framfor Herrens kista, og hovudet og båe henderne hans var avbrotne og låg på dørstokken; berre bulen var att. **5** Difor er det so i Asdod den dag i dag, at ingen trøder på Dagons dørstokk, korkje nokon av Dagons-prestarne eller nokon annan som gjeng inn i Dagons tempel. **6** Herrens hand låg tung på Asdod-folki; og han øyde deim og søkte deim med svullsott både i Asdodbyen og i kverven umkring. **7** Då Asdod-buarne skyna korleis det hekk i hop, sagde dei: «Kista åt Israels Gud må ikkje lenger vera hjå oss; for handi hans ligg tung på oss og på Dagon, guden vår.» **8** Dei sende då bod og stemnde saman til seg alle filistarfyrstarne, og spurde deim kva dei skulde gjera med kista åt Israels Gud. Dei svara: «Me lyt flytja kista åt Israels Gud til Gat.» Og dei so gjorde. **9** Men etter dei hadde flutt henne dit, kom Herrens hand yver byen og fjetra deim reint. Og han søkte byfolket med sott, so det braut ut svullar på både små og store. **10** Dei sende då Guds kista til Ekron. Men då Guds kista

kom dit, skreik Ekron-buarne og sagde: «No hev dei
flutt kista åt Israels Gud til meg og vil drepa meg og
folket mitt!» 11 Dei sende då bod og stemnde alle
filistarfyrstarne saman og sagde: «Send burt kista åt
Israels Gud, og lat henne koma heim att til rette staden
sin, og ikkje tyna meg og folket mitt!» Ein daudsens
angest hadde gripe heile byen; for Guds hand låg
ovtung på deim. 12 Dei folki som ikkje døydde, vart
søkte med svullsot. Og klageropet frå byen steig upp
til himmelen.

6 Då Herrens kista hadde vore sju månader i
Filistarlandet, 2 kalla filistarane saman prestarne
og spåmennerne sine, og spurde: «Kva skal me gjera
med Guds kista? Seg oss korleis me skal sende henne
heim att!» 3 Dei svara: «Vil de senda burt kista åt
Israels Gud, må de ikkje senda henne gåvelaus; de lyt
bera sonoffer åt honom til vederlag; so vert de lækte,
og det vil få vita kvifor handi hans ikkje hev vike frå
dykk.» 4 Dei spurde då: «Kva sonoffer skal me gjeva
honom?» Dei svara: «Fem svullar av gull og fem myser
av gull, like mange som filistarfyrstarne; for de hev
alle vore ute for same plåga, fyrstarne dykkar ogso. 5
De skal laga likner av svullarne dykkar og likner av
mysene som legg landet i øyde, og soleis gjeva Israels
Gud æra. Kann henda han då tek burt si tunge handi
frå dykk, frå guden dykkar og frå landet dykkar. 6
Kvifor skal de herda dykk til, liksom egyptarane og
Farao gjorde? Laut dei ikkje sleppa Israel av stad, etter
han hadde fare ille med deim? 7 Tak no og gjer ei ny
vogn, og tak tvo kyr som gjev suga og som aldri hev
bore ok! So skal det setja deim for vogni, men taka
frå deim kalvarne og lata deim vera heime. 8 Tak so
Herrens kista og set henne på vogni, og legg gulltyet
som de gjev honom til sonoffer i ein kistel ved sida av
henne, og send henne av garde soleis! 9 So skal de
sjå etter: tek ho vegen heim att til Bet-Semes; so er
det han som hev valda oss all denne store ulukka.
Men gjer ho ikkje det, veit me det er ikkje hans hand
som hev slege oss; men ein vanlagnad som me hev
vore ute fyre.» 10 Folket so gjorde: dei tok tvo kyr
som gav suga, og sette deim for vogni, men kalvarne
stengde dei inne heime. 11 Dei sette Herrens kista
på vogni, og attmed henne kistelen med myserne av
gull og liknerne av svullarne. 12 Og kyrne for beine
vegen fram heilt til Bet-Semes. Dei heldt seg jamt
til ålmannvegen, og gjekk i eitt rautande, og bøygde
korkje til høgre eller vinstre. Og filistarfyrstarne fylgde
etter, alt til landskilet ved Bet-Semes. 13 Bet-Semes-
buarne var ute på kveitehausting i dalen. Då dei såg
upp, gådde dei sambandskista; og dei vart fegne då
dei såg henne. 14 Og då vogni kom inn på åkeren til
ein Bet-Semes-bonde, Josva, stogga ho der. Der var
ein stor stein. Og dei hogg sund treverket på vogni
og ofra kyrne til brennoffer for Herren. 15 Levitarne
tok og lyfte ned Herrens kista og kistelen som stod
attmed, og som gulltyet var i, og sette deim på den
store steinen. Bet-Semes-buarne ofra brennoffer og
slagta slagtoffer til Herren den dagen. 16 Då dei fem
filistarfyrstarne hadde skoda på dette, snudde dei heim
att til Ekron same dagen. 17 Dette var dei gullsvullarne
som filistarane gav i soningsgåva til Herren: ein for
Asdod, ein for Gaza, ein for Askalon, ein for Gat, ein
for Ekron. 18 Og myserne av gull var likso mange som
alle filistarbyarne - både festningsbyar og landsbyar
- under dei fem fyrstarne. Den store steinen der dei
sette Herrens kista, er vitne um dette til no, på åkeren
til Bet-Semes-bonden Josva. 19 Sume av folket i
Bet-Semes fekk ogso sott, av di dei hadde skoda på
Herrens kista: sytti mann av folket. Folket syrgde, av di
Herren hadde gjort so stort mannefall millom folket.
20 Og Bet-Semes-buarne sagde: «Kven kann standa
seg for Herren, den heilage Gud? og kven vil han no
heimsøkja når han dreg upp frå oss?» 21 Dei sende
bod til deim som budde i Kirjat-Jearim, og sagde:
«Filistarane hev sendt heim att Herrens kista. Kom hit
ned og før henne upp til dykk!»

7 So kom då folk frå Kirjat-Jearim og henta Herrens
kista dit upp og sette henne inn i Abinadabs hus
på haugen. Dei helga Eleazar, son hans, til å vakta
Herrens kista. 2 Frå den dagen då kista kom til Kirjat-
Jearim, leid det lang tid: tjuge år. Og heile Israels-ætti
sukka etter Herren. 3 Då tala Samuel til heile Israels-
ætti: «Vil de venda um til Herren av heile dykkar hug,
so skil dykk med dei framande gudarne og Astarte-
bilæti! vend hugen dykkar til Herren, og ten einast
honom, so skal han fria dykk frå filistarmagti; » 4 Då
skilde Israels-borni seg bilæti av Ba'al og Astarte og
tente einast Herren. 5 Samuel sagde: «Stemne heile
Israel i Mispa, so vil eg beda for dykk til Herren!» 6
Då samla dei seg saman i Mispa, henta vatn og dei
auste ut for Herren, og dei fasta heile den dagen og
sagde: «Me hev synda mot Herren.» So heldt Samuel
dom i Mispa og skilde trættor millom Israels-borni. 7
Då filistarane frette at Israels-borni hadde samla seg
i Mispa, drog filistarfyrstarne dit upp mot Israel. Då
Israel høyrde gjete det, vart dei rædde for filistarane. 8
Og Israels-borni sagde til Samuel: «Haldt ved i eino og
ropa til Herren, vår Gud, at han må frelsa oss ut or
filistarmagti!» 9 Då tok Samuel eit soglamb og ofra det
til eit brennoffer, eit heiloffer for Herren. Og Samuel
ropa til Herren for Israel. Og Herren høyrde bøni hans.
10 Medan Samuel ofra brennofferet, drog filistarane
fram til strid mot Israel. Men Herren dundra med eit

veldugt torever yver filistarane den dagen og fjetra
deim, so dei vart slegne av Israel. 11 Israels mannskap
drog ut frå Mispa og forfylgde filistarane og hogg deim
ned på flugti, alt til dei kom nedanfor Bet-Kar. 12 Då
tok Samuel ein stein og sette millom Mispa og Sen, og
kalla honom Eben-Ezer og sagde: «Til no hev Herren
hjelpt oss.» 13 Soleis laut filistarane bøygja seg, og
kom ikkje meir innanfor landskilet åt Israel. Og Herrens
hand var mot filistarane so lenge Samuel livde. 14 Dei
byarne som filistarane hadde teke frå Israel, fekk Israel
att, frå Ekron til Gat; og kverven derikring tok Israel
ogso att frå filistarane. Og millom Israel og amoritarne
vart det fred. 15 Samuel var domar i Israel so lenge
han livde. 16 Kvart år ferdast han rundt til Betel, Gilgal
og Mispa; og han skilde trættor i Israel på alle desse
staderne. 17 So for han heim att til Rama; for der åtte
han heime, og der skilde han elles trættorne millom
israelitarne. Og der bygde han eit altar for Herren.

**8** Då Samuel vart gamall, sette han sønerne sine
til domarar i Israel. 2 Fyrstefødde son hans heitte
Joel, andre son hans Abia; dei heldt dom i Be'erseba.
3 Men sønerne fylgde ikkje hans fotefar; dei let seg
lokka av låk vinning og tok mutor, og rengde retten. 4
Alle dei øvste i Israel samla seg då og kom til Samuel
i Rama. 5 Dei sagde til honom: «Sjå, du hev vorte
gamall, og sønerne dine fylgjer ikkje dine fotefar. So
set no ein konge yver oss til å skifta rett, liksom alle
dei hine folki hev!» 6 Men Samuel mislika dette, at
dei sagde: «Gjev oss ein konge til å skilja trættorne
våre!» Og Samuel bad til Herren. 7 Men Herren sagde
til Samuel: «Lyd folkekravet! Ikkje deg hev dei vanda;
meg hev dei vanda, og vil ikkje hava meg til konge
lenger. 8 Liksom dei hev fare åt alle dagar frå den
tid eg førde deim upp frå Egyptarland, då dei snudde
ryggen til meg og tente andre gudar; soleis fer dei
ogso åt mot deg. 9 Lyd kravet deira! Men vara deim
ålvorleg, og seg kva rett ein konge tek seg når han
rikjer yver deim!» 10 Og Samuel fortalde til folket som
kravde ein konge av honom, alt det Herren hadde sagt.
11 Han sagde: «Dette tek han seg rett til, den kongen
som kjem til å rikja yver dykk: Sønerne dykkar vil han
taka og bruka framfor vognerne og hestarne sine, so
dei lyt springa framfyre vognerne; 12 sume vil han
setja til førarar og underførarar for herflokkerne sine;
sume vil han setja til å pløgja åkerjordi si og til å gjera
skurdonni og laga krigsvåpni sine og køyregreidorne
sine; 13 og døtterne dykkar vil han taka til å laga
kryddesalve og til å koka og baka. 14 Dei beste
åkrarne og vinhagarne og oljeplantingarne dykkar vil
han taka og gjeva åt tenarane sine. 15 Han vil taka
tiend av såjordi og vinhagarne dykkar og gjeva henne
åt hirdmennerne og tenarane sine. 16 Dessutan vil
han taka tenestdrengjerne og tenestgjentorne dykkar
og dei likaste unggutarne dykkar, og asni dykkar vil
han taka og bruka i si eigi tenesta. 17 Av buskapen
dykkar vil han taka tiend, og de lyt sjølve vera trælarne
hans. 18 Då vil de ropa til Herren for den kongen skuld
som de sjølv hev valt dykk. Men då vil han ikkje svara
dykk.» 19 Men folket vilde ikkje lyda Samuel; «Nei, »
sagde dei, «so sanneleg vil me hava ein konge. 20 Me
vil vera jamgode med alle dei hine folki; me vil hava
ein konge til domar og til hovding yver heren i krig.» 21
Då Samuel høyrde alt det folket sagde, bar han det
fram for Herren. 22 Og Herren sagde til Samuel: «Lyd
deim og set ein konge yver deim!» Då sagde Samuel
til Israels-sønerne: «Far heim kvar til sin by!»

**9** Kis heitt ein mann av Benjamin. Han var son åt
Abiel, son åt Seror, son åt Bekorat, son åt Afiah,
son åt ein benjaminit. Han var ein velhalden mann. 2
Han hadde ein son som heitte Saul: velvaksen og væn;
ingen i Israel var vænare enn han; han var hovudet
høgre enn alt folket. 3 No hadde nokre asnor komne
burt for Kis, far åt Saul. Og Kis sagde med Saul, son
sin: «Tak med deg ein av drengjerne, og far av stad og
leita etter asnorne!» 4 Han gjekk yver Efraimsheidi og
so gjenom Salisalandet; men han fann deim ikkje. So
gjekk dei gjenom Sa'alimslandet; men dei var ikkje der.
So gjekk dei gjenom Benjaminslandet, men fann deim
ikkje. 5 Då dei so var komne inn i Suflandet, sagde
Saul med drengen han hadde med seg: «Kom, lat
oss venda heim att; elles vil far verta illhuga for oss i
staden for å tenkja på asnorne.» 6 Men han svara
honom: «Sjå her i byen er det ein gudsmann som er
namngjeten; alt det han segjer, det hender. Lat oss no
ganga dit. Kann henda han kunde fortelja oss noko
um den ferdi me hev gjeve oss ut på.» 7 Saul sagde
til drengen: «Men um me no gjeng dit, kva skal me
hava med oss til mannen? Me hev ikkje meir mat i
skrepporne våre, og nokor onnor gåva hev me ikkje
heller til gudsmannen; eller kva hev me?» 8 Drengen
svara Saul andre venda: «Sjå, her hev eg i mitt eige
ein kvart dalar i sylv; den vil eg gjeva gudsmannen, so
han segjer oss kva leid me bør taka.» 9 Fyrr i tidi pla
dei segja i Israel når einkvan gjekk av stad og spurde
Gud: «Kom, lat oss ganga til sjåaren!» Det dei no kallar
profet, kalla dei i gamle dagar sjåar. 10 Saul sagde
til drengen: «Du hev rett! kom, lat oss ganga!» So
gjekk dei til byen der gudsmannen budde. 11 Då dei
gjekk upp bykleivi, møtte dei nokre gjentor som gjekk
ut, skulde henta vatn, og spurde deim: «Er sjåaren
her?» 12 Dei svara deim: «Ja, beint her burte. Skunda
deg no! han kom nett heim til byen i dag; for i dag
hev folket slagtoffer på offerhaugen. 13 Når de gjeng
inn i byen, so finn de honom fyrr han gjeng upp på

offerhaugen til måltidi; folket held ikkje måltid fyrr han
kjem; for han skal vigsla offeret fyrr gjesterne tek til å
eta. Gakk difor straks! nett no finn de honom.» 14 Dei
gjekk upp til byen. Nett med same dei kom inn i byen,
møtte dei Samuel på veg upp til offerhaugen. 15 Dagen
fyrr Saul kom, hadde Herren opna øyra åt Samuel og
sagt til honom: 16 «I morgon dette bil sender eg til deg
ein mann frå Benjaminslandet; honom skal du salva
til fyrste yver Israel, folket mitt; han skal frelsa folket
mitt frå filistarmagti. Eg hev set til folket mitt, etter di
naudropet deira hev nått upp til meg.» 17 Då Samuel
fekk sjå Saul, gjorde Herren kunnigt for honom: «Sjå
her er mannen som eg tala um til deg; han skal taka
herredømet yver folket mitt.» 18 Saul gjekk fram til
Samuel midt i porten og sagde: «Ver so snild og seg
meg; kvar bur sjåaren!» 19 Samuel svara Saul: «Eg
er sjåaren. Gakk i fyrevegen upp på offerhaugen! De
skal eta med meg i dag. I morgon tidleg, når eg segjer
farvel med deg, skal eg gjeva deg greida på alt det du
hev på hjarta. 20 Asnorne som kom burt i dag tri dagar
sidan, tarv du ikkje vera rædd for; dei er attfunne. Kven
er det elles som eig alle eignaluter i Israel, anna du og
farsætti di?» 21 Saul svara: «Er ikkje eg benjaminit,
av den minste ætti i Israel? og mi ættgrein er den
ringaste av alle Benjamins-ætterne. Kvifor talar du
soleis med meg?» 22 Samuel tok då Saul og drengen
hans og leidde deim inn i gildesalen og sessa deim
øvst millom gjesterne; dei var um lag tretti mann. 23
Og Samuel sagde til kokken: «Kom hit med det stykket
eg gav deg og bad deg gøyma vel!» 24 Kokken bar
fram lårstykket og det som høyrde til, og sette framfor
Saul. Og han sagde: «Her er det som er gøymt åt
deg. Et no! Til denne høgtidsstundi vart det gøymt åt
deg då eg sagde: Eg hev bede folket.» Saul heldt då
måltid med Samuel den dagen. 25 So gjekk dei ned
frå offerhaugen og inn i byen, og han tala med Saul på
taket. 26 Tidleg næste morgon då det lyste av dag,
ropa Samuel på Saul uppe på taket: «Ris upp, so vil
eg fylgja deg på veg!» Saul reis upp, og dei gjekk båe
av stad, han og Samuel. 27 Då dei var komne utanfor
byen, sagde Samuel med Saul: «Bed drengen ganga
fyre oss!» - han so gjorde - men sjølv må du stogga eit
bil, so skal du få høyra det Gud hev tala.

**10** So tok Samuel oljeflaska og slo olje på hovudet
hans, kysste honom og sagde: «No hev Herren
salva deg til fyrste yver arvluten sin. 2 Når du gjeng frå
meg, kjem du til å møta tvo menner attmed Rakel-
gravi, ved landskilet mot Benjamin ved Selsah. Dei skal
segja med deg: «Asnorne du leita etter, er attfunne;
far din kjem difor ikkje i hug asnorne meir; men han
er illhuga for dykk og segjer: «Kva skal eg gjera for
son min?»» 3 Når du heldt fram derifrå og kjem til
Taboreiki, vil du der møta tri menner som er på veg upp
til Gud i Betel; ein med tri kid, ein med tri brødleivar og
ein med ei vinhit. 4 Dei helsar deg heil og sæl og gjev
deg tvo brød, og du skal taka imot det dei gjev deg. 5
Deretter kjem du til Guds Gibea, der som filistarvakti
held seg. Og når du kjem inn der i byen, råkar du på
ein profetflokk som kjem ned frå offerhaugen i profetisk
eldhug med harpa, trumma, fløyta og cither. 6 Og
Herrens ande skal koma yver deg, so du og kjem i
profetisk uppgløding liksom dei. Og du skal verta ein
annan mann. 7 Når du ser desse jarteigner ovra seg,
so må du gjera det som fyre fell; for Gud er med deg.
8 So må du ganga ned fyre meg til Gilgal; og der skal
eg koma ned til deg og ofra brennoffer og takkoffer.
Sju dagar skal du drygja, til dess eg kjem og segjer
deg kva du skal gjera.» 9 Då han no vende seg og
gjekk frå Samuel; let Gud honom få ein annan hug. Og
alle desse jartegnerne kom, same dagen. 10 Då dei
kom til Gibea, møtte han ein profetflokk, og Guds ande
kom yver honom, so han kom i profetisk eldhug midt
imillom deim. 11 Då no alle som kjende honom frå fyrr,
fekk sjå honom i profetisk eldhug liksom profetarne,
sagde dei seg imillom: «Kva er det som kjem åt son
til Kis? Er Saul og millom profetarne?» 12 Ein mann
der i grendi svara: «Kven er då deira far?» Av dette
kom det ordtaket: «Er Saul og millom profetarne?»
13 Då eldhugen seig av honom, gjekk han upp på
offerhaugen. 14 Då spurde farbror åt Saul honom og
drengen hans: «Kvar hev de vore?» Han svara: «På
leit etter asnorne. Då me såg dei ingen stad var å
finna, kom me til Samuel.» 15 Farbroren sagde: «Fortel
meg kva Samuel sagde med dykk!» 16 Saul svara:
«Han sagde med oss at asnorne var attfunne.» Men
det Samuel hadde sagt um kongedømet, nemnde han
ikkje med honom. 17 Samuel stemnde folket saman
til Herren i Mispa. 18 Og han sagde til Israels-borni:
«So segjer Herren, Israels Gud: «Eg hev ført Israel
upp frå Egyptarland, eg frelste dykk frå egyptarmagti
og frå alle dei kongeriki som trengde dykk. 19 Men
no hev de vanda dykkar Gud, som frelste dykk ut or
alle ulukkor og trengslor, og det segjer til honom: «Set
ein konge yver oss!» So stig då fram for Herren etter
dykkar ættar og ættgreiner.»» 20 So let Samuel alle
Israels ætter stiga fram. Luten fall på Benjamins-ætti.
21 Då so Benjamins-ætti gjekk fram etter ættgreinerne
sine, fall luten på Matri-greini; so fall han på Saul, Kis-
sonen. Men då dei leita etter honom, var han ikkje å
finna. 22 Dei spurde då Herren ei venda til: «Er det
endå ein mann her?» Herren svara: «Han hev løynt
seg millom ferdagodset.» 23 Dei sprang dit og henta
honom. Og då han steig fram millom folket, var han
hovudet høgre enn alle dei hine. 24 Samuel sagde til

folket: «Her ser de den som Herren hev valt ut; det finst
ingen maken hans i heile folket.» Då sette heile folket i
med fagnadrop: «Live kongen!» 25 Samuel kunngjorde
folket kongelovi, og rita henne i ei bok, som han lagde
ned framfor Herren. So let Samuel heile folket fara
heim att. 26 Saul gjekk ogso heim til Gibea. Og med
honom fylgde ein flokk djerve karar, som var gripne i
hjarta av Gud. 27 Men nokre illmenne sagde: «Kva
hjelp kann denne mannen gjeva oss?» Dei vanvyrde
honom og bar ingi hyllingsgåva til honom. Men han
læst som han inkje gådde.

**11** Ammoniten Nahas drog upp og kringsette Jabes i
Gilead. Då sagde alle Jabes-buarne med Nahas:
«Gjer forlik med oss, so skal me tena deg!» 2 Men
ammoniten Nahas svara deim: «Ja, på det vilkåret gjer
eg forlik med dykk, at eg sting ut høgre auga på dykk
alle, til skjemsla for heile Israel.» 3 Styresmennerne i
Jabes sagde til honom: «Gjev oss sju dagar frest, so
me fær skikka bod yver heile Israelsriket. Er det so
ingen som bergar oss, so skal me gjeva oss yver til
deg.» 4 Då sendebodi kom til Sauls Gibea og lagde
fram saki fram for folket, brast heile folket i gråt. 5
Saul kom nett heim frå åkeren attum uksarne. Han
spør: «Kva hev kome åt folket, etter di dei græt?» Dei
fortalde honom det som Jabes-buarne hadde sagt. 6
Då Saul høyrde dette, kom Guds ande yver honom;
harmen loga upp i honom; 7 og han tok tvo uksar, lema
deim sund og sende stykki rundt i heile Israelsriket
med sendebod som sagde: «Den som ikkje fylgjer Saul
og Samuel, hans uksar skal fara soleis.» Ei rædsla frå
Herren fall på heile folket. Og ut drog dei, alle som
ein. 8 Han mynstra heren i Bezek; Israels-sønerne
talde tri hundrad tusund, og Juda-folki tretti tusund.
9 Dei sagde med sendemennerne som var komne:
«So skal det segja med Jabes-buarne i Gilead: «I
morgon ved høgstedags leite skal de få hjelp!»» Då
sendemennerne kom heim og fortalde det til Jabes-
buarne, vart dei glade. 10 Og dei sagde til Nahas: «I
morgon skal me gjeva oss yver til dykk; då fær de
gjera med oss som de tykkjer.» 11 Morgonen etter
skifte Saul folket i tri flokkar. Og dei braut seg inn i
lægret fyrstundes i otta, og hogg ned ammonitarne frå
morgonen til høgstedags leite. Dei som slapp undan,
vart spreidde til alle kantar, so det vart ikkje att tvo i
lag. 12 Då sagde folket med Samuel: «Kven var det
som sagde: «Skal Saul vera konge yver oss?» Lat
oss få tak i dei kararne, so vil me drepa deim.» 13
Men Saul sagde: «Ingen skal drepast i dag. For i dag
hev Herren gjeve Israel siger.» 14 Og Samuel sagde
med folket: «Kom, lat oss ganga til Gilgal og nya upp
kongedømet der!» 15 Og heile folket gjekk til Gilgal, og
gjorde Saul til konge der framfor Herren i Gilgal, og
ofra takkoffer framfor Herren. Og alle Israels-mennerne
gledde seg med ovstor fagnad.

**12** Samuel sagde til heile Israel: «Sjå, eg hev lydt
dykk i alt de hev kravt av meg. Eg hev sett
ein konge yver dykk. 2 No heretter vil kongen verta
styraren dykkar. Eg er gamall og grå, og sønerne
mine er hjå dykk. Frå ungdomsåri til i dag hev eg vore
styraren dykkar. 3 Sjå her stend eg! Vitna no mot
meg, so Herren og den han salva høyrer på: Hev eg
teke ein ukse frå nokon? eller hev eg teke eit asen frå
nokon? hev eg trælka nokon? eller trakka på nokon?
hev eg teke mutor av nokon, so eg skulde sjå gjenom
fingrarne med honom? So vil eg gjeva dykk vederlag.»
4 Dei svara: «Ikkje hev du trælka oss, og ikkje trakka
på oss, og ingen ting hev du teke frå nokon mann.»
5 Då sagde han til deim: «So er Herren vitne mot
dykk, og den han salva er vitne i dag, at de ingen ting
hev funne å krevja hjå meg.» Dei svara ja. 6 Samuel
sagde til folket: «Herren er vitne, han som vekte upp
Moses og Aron, og som førde federne dykkar upp
frå Egyptarland. 7 Stig no fram! so vil eg gjera upp
med dykk framfor Herren for alle Guds vise verk, som
han hev gjort mot dykk og mot federne dykkar. 8 Då
Jakob var komen til Egyptarland, ropa federne dykkar
til Herren. Og Herren sende Moses og Aron og førde
federne dykkar ut or Egyptarland og gav deim bustad
her i landet. 9 Men dei gløymde Herren, sin Gud, og
han gav deim i henderne på Sisera, herhovdingen
i Hasor, og i henderne på filistarane og på Moab-
kongen; og dei gjekk i strid mot deim. 10 So ropa
dei til Herren og sagde: «Me hev synda; for me hev
svike Herren og tent Ba'als-bilæti og Astarte-bilæti;
men frels oss no frå fiendarne våre, so vil me tena
deg.» 11 So sende Herren Jerubba'al og Bedan og
Jefta og Samuel, og frelste dykk frå fiendarne dykkar
på alle kantar, so de fekk bu trygt. 12 Men då de såg
Nahas, ammonitarkongen, kom yver dykk, so sagde de
til meg: «Nei, ein konge vil me hava til styrar yver oss»
- endå Herren, dykkar Gud, var kongen dykkar. 13 Og
no - her stend kongen som de hev kåra, den det hev
kravt. Herren hev sett ein konge yver dykk. 14 Berre
de no vil bera age for Herren og tena honom og lyda
honom, og ikkje setja dykk upp mot Herrens bod, men
fylgja Herren, dykkar Gud, både de og kongen som
hev vorte styraren dykkar! 15 Lyder de ikkje Herren,
men set de dykk upp mot Herrens bod, då vil Herrens
hand vera imot dykk liksom mot federne dykkar. 16
Stig no fram og skoda dette store underet som Herren
vil gjera beint framfor augo dykkar! 17 No er det tidi for
kveiteskurden, veit det. Men eg vil ropa til Herren, at
han sender tora og regn. Soleis skal de skyna og sjå

kor stor ei synd det er i Herrens augo, det de gjorde då
de kravde ein konge.» 18 Samuel ropa til Herren. Og
Herren sende torever og regn den dagen. Då fekk heile
folket stor age for Herren og for Samuel. 19 Og heile
folket sagde til Samuel: «Bed til Herren for tenarane
dine, so me ikkje skal døy, for di me hev auka synderne
våre med den misgjerningi at me kravde ein konge!»
20 Samuel sagde til folket: «Ver ikkje rædde! Visst hev
de gjort alt dette vonde. Men fall berre ikkje frå Herren
no! men ten Herren av all dykkar hug! 21 Fall ikkje frå!
for då kjem de til å fara etter tome avgudar, som ingen
gagnar og ingen fagnar; tome er dei. 22 Herren skal
taka folket sitt til nåde, for sitt store namn skuld, etter di
det tektest Herren å gjera dykk til sitt folk. 23 Og eg for
meg: aldri i verdi vil eg synda mot Herren med å slutta
å beda for dykk. Nei, eg vil læra dykk den gode og
rette vegen. 24 Berre de vil bera age for Herren og ten
honom truleg av all dykkar hug! For sjå kor store ting
han hev gjort for dykk! 25 Men gjer de det som vondt
er, so er det ute både med dykk og kongen dykkar.»

**13** Saul hadde vore konge eitt år. Andre året han
var konge yver Israel, 2 valde han seg ut or
Israel tri tusund mann. Av desse hadde Saul hjå seg
tvo tusund i Mikmas og i Betelsfjellbygdii, og eitt tusund
hadde Jonatan med seg i Gibea i Benjamin. Resten
av krigsfolket sende han heim kvar til seg. 3 Jonatan
slo i hel filistarvakti i Gibea, og filistarane høyrde
gjete det. Men Saul let blåsa i lur yver heile landet og
sagde: «Hebræarane må høyra det.» 4 Heile Israel
fekk høyra at Saul hadde slege i hel filistarvakti, og
at Israel hadde fenge uord på seg hjå filistarane for
det same. Folket vart då utbode til å fylgja Saul til
Gilgal. 5 Filistarane stemnde saman til krig mot Israel,
tri tusund vogner og seks tusund hestfolk, og fotfolk
so mange som sanden på havsens strand. Dei drog
upp og lægra seg ved Mikmas austanfor Bet-Aven. 6
Då Israels-mennerne såg dei var komne i knipa, av di
filistarane trengde på, so for folket av og løynde seg i
hellerar, i klungerkjørr, i gil, i kjellarar og brunnar. 7 Og
hebræararne hadde fare yver Jordan, til Gadslandet
og Gileadslandet. Saul var endå i Gilgal, og heile folket
fylgde honom skjelvande. 8 Han drygde sju dagar,
til den tid Samuel hadde fastsett. Men då Samuel
endå ikkje var komen til Gilgal, og då folket tok til å
spreida seg og ganga frå honom, 9 sagde Saul: «Kom
hit til meg med brennofferet og takkofferet!» Og so
bar han fram brennofferet. 10 Nett med same han det
hadde gjort, då kom Samuel. Saul møtte honom og
vilde helsa honom. 11 Men Samuel sagde: «Kva er det
du hev gjort?» Saul svara: «Då eg såg folket tok til å
spreida seg og ganga frå meg, og du ikkje var komen
til fastsett tid, og filistarane hadde samla seg i Mikmas,
12 so tenkte eg: «No kjem filistarane yver meg i Gilgal,
og eg hev endå ikkje blidka Herren.» So våga eg meg
til å bera fram brennofferet.» 13 Samuel sagde til
Saul: «Du var uvisleg gjort av deg. Hadde du agta på
bodet frå Herren, din Gud, som han baud deg, so vilde
Herren no ha grunnfest kongedømet ditt til æveleg tid.
14 Men no vil kongedømet ditt ikkje standa seg. Herren
hev valt seg ut ein mann etter sin hug; og Herren hev
etla honom til fyrste yver folket sitt, av di du ikkje agta
på det Herren baud deg.» 15 Samuel reis upp og for
heim frå Gilgal upp til Benjamins Gibea. Saul mynstra
krigsfolket som var hjå honom; um lag seks hundrad
mann. 16 Saul og Jonatan heldt seg i Geba i Benjamin
med det folket som var att hjå deim, og filistarane låg
i læger i Mikmas. 17 Frå filistarlægret sende dei ut
røvarflokkar i tri hopar; eine hopen tok vegen til Ofra i
Sualslandet, 18 andre hopen tok vegen til Bet-Horon,
og tridje hopen tok vegen til kverven som hallar ned
imot Sebojimsdalen, burtimot øydemarki. 19 Det fanst
ingen smed i heile Israelslandet; for filistarane hadde
vore rædde at hebræarane skulde smida sverd eller
spjot. 20 Og so laut kvar einast israelit ned til filistarane
og få kvest både plogjarn og grev og øksar og ristlar,
21 so snart eggjarne vart skjemde på plogjarni, eller
grevi, eller greiparne, eller øksarne, eller når dei turvte
vøla på oksebroddarne. 22 Av dette hadde det seg so
at då slaget skulde standa, hadde ingen av mennerne
åt Saul og Jonatan sverd eller spjot. Einast Saul og
Jonatan, son hans hadde våpn. 23 Filistarane sette
fram ein utpost i Mikmasskardet.

**14** Det bar so til ein dag at Jonatan, Saulssonen,
sagde med våpnsveinen sin: «Kom, lat oss ganga
yver til filistarutposten der burte på hi sida!» Men han
gat det ikkje med far sin. 2 Saul heldt seg i utkanten
av Gibea under granatapallen i Migron, og folket han
hadde med seg, var um lag seks hundrad mann. 3 Ahia
Ahitubsson, bror åt I-kabod, son åt Pinehas Elison,
Herrens prest i Silo, han bar no messehakelen. Og
folket visste ikkje at Jonatan var gjengen. 4 I skardet
der Jonatan freista ganga yver til filistarutposten, låg
ein berghamar på kvar sida; den eine heitte Boses, og
den andre Sene. 5 Den eine hamaren reis upp mot
nord, beint imot Mikmas, den andre mot sør, beint imot
Geba. 6 Jonatan sagde med våpnsveinen sin: «Kom,
lat oss klyva yver til utposten åt desse u-umskorne!
kann henda vil Herren hjelpa oss. Det er ingen ting i
vegen for at Herren kann gjeva siger anten dei er få
eller mange.» 7 Våpnsveinen svara: «Gjer alt det du
tykkjer! Berre gakk på! eg fylgjer deg kvar du vil.» 8
Jonatan sagde: «Me kliv yver til dei kararne, og lager
det so at dei ser oss. 9 Segjer dei då: «Stana der til
dess me kjem burt åt dykk!» so stoggar me der me

stend, og gjeng ikkje upp til deim. **10** Men segjer dei:
«Kom hit upp til oss!» då gjeng me upp; for då hev
Herren hev gjeve deim i våre hender. Det skal me
hava til jarteign.» **11** Då no både filistarutposten fekk
sjå dei tvo, sagde dei: «Sjå hebræarane kryp ut or
holorne der dei hev løynt seg.» **12** Og utpostkararne
ropa til Jonatan og våpnsveinen hans: «Kom hit upp til
oss, so skal de få full greida!» Jonatan sagde med
våpnsveinen: «Fylg meg! Herren hev gjeve deim i
Israels hand.» **13** Jonatan kleiv uppetter på hender og
føter, og våpnsveinen fylgde. Jonatan felte deim, og
våpnsveinen fylgde etter og gjorde det av med deim.
**14** I fyrste åtaket Jonatan og våpnsveinen gjorde, hogg
dei ned um lag eit tjug, på ei vidd som ein halv dags
plogland. **15** Då vart dei fjetra både i lægret og på
marki heile heren; og utpostarne og røvarflokkarne
vart og fjetra. Og grunnen skalv, so det kom ein støkk
frå Gud yver deim. **16** Vaktpostarne åt Saul i Gibea i
Benjamin såg at heile hopen var reint i ørska, so dei
vingla i kross og krok. **17** Saul sagde til krigsfolket
sitt; «Mynstra heren, og sjå kven som vantar!» Dei
mynstra heren, og fekk sjå at Jonatan og våpnsveinen
hans vanta. **18** Då sagde Saul til Ahia: «Kom hit med
Guds kista!» For Guds kista var den tid millom Israels-
borni. **19** Men medan Saul tala med presten, auka
ståket i filistarlægret allstødt. Saul sagde då til presten:
«Det kann vera det same.» **20** So samla dei seg på
slagmarki, Saul og alt krigsfolket hans, og fekk sjå
fiendarne lyfte sverdi mot kvarandre, og dei var so
forstøkte, at dei visste korkje att eller fram. **21** Dei
hebræarane som frå gamalt hadde vore i filistarmagt,
og hadde fylgt med deim upp og var spreidde rundt i
lægret, dei og slo lag med Israels-heren under Saul og
Jonatan. **22** Og då dei Israels-mennerne som hadde
løynt seg i Efraimsfjellbygdi, høyrde gjete at filistarane
var på flog, sette alle dei og etter deim og kom med i
slaget. **23** Soleis gav Herren Israel siger den dagen.
Og bardagen flutte seg heilt framum Bet-Aven. **24** Det
røynde hardt på kvar israelit den dagen. Og Saul batt
folket med denne eiden: «Forbanna den som et noko
mat fyre kvelden, fyrr eg hev teke hemn yver fiendarne
mine!» So var det ingen som smaka matbiten. **25** Då
dei alle i hop kom inn i skogen, låg det honning på
marki. **26** Men då folket kom upp i skogen og fekk sjå
honning strøyma ut, våga ingen føra handi til munnen,
av age for eiden. **27** Jonatan hadde ikkje lydt på då
far hans tok folket i eid; difor rette han ut staven han
hadde i handi og duppa den eine enden i honningen,
og førde so handi til munnen; han vart då bjartøygd att.
**28** Ein av mennerne tok til ords og sagde: «Far din hev
bunde folket med denne eiden: «Forbanna kvar den
som et noko mat i dag!» - endå dei var trøytte.» **29**
Jonatan svara: «Far fører ulukka yver landet! Sjå, kor
augo mine ljosna av di eg smaka noko lite på denne
honningen. **30** Kor mykje større mannefall skulde det
ikkje vorte millom filistarane um mennerne hadde fenge
eta seg mette i dag av herfanget dei vann hjå fiendarne
sine!» **31** Like vel: dei slo filistarane den dagen og
forfylgde deim frå Mikmas til Ajjalon, og folki var svært
trøytte. **32** So kasta folket seg yver herfanget, tok
sauer og uksar og kalvar, og slagta deim på marki, og
åt kjøtet med blodet i. **33** Dei melde det åt Saul og
sagde: «Sjå, folket syndar mot Herren og et kjøt med
blod i.» Då ropa Saul: «De hev gjort svik! Velt ein stor
stein hit til meg!» **34** Og Saul sagde: «Gakk ut millom
folket og seg til deim: «Kvar og ein skal føra hit til meg
uksen sin og sauen sin og slagta og eta honom her!
Ikkje må de synda mot Herren og eta kjøt med blod
i!»» Då førde heile folket fram um natti, kvar med eigi
hand, uksarne sine, og slagta deim der. **35** Saul bygde
eit altar for Herren. Dette var det fyrste altaret han
bygde åt Herren. **36** Og Saul sagde: «Lat oss forfylgja
filistarane i natt og herja millom deim, alt til det dagast
i morgon, so ingen av deim kjem undan!» Dei svara:
«Gjer alt det du tykkjer!» Men presten sagde: «Lat
oss ganga fram for Guds åsyn her!» **37** Då spurde
Saul Gud: «Skal eg forfylgja filistarane? Vil du gjeva
deim i Israels hand?» Men han gav deim ikkje svar
den dagen. **38** Då sagde Saul: «Kom hit fram alle dei
gjævaste av folket! so fær det sjå og gå kva det er for
ei syndi som er gjord i dag. **39** So sant Herren liver,
han som hev gjeve Israel siger, um det so er Jonatan,
son min, skal han lata livet!» Ingen av folket svara
honom. **40** Då sagde han til heile Israel: «Statt de på
den eine sida, so vil eg med Jonatan, son min, standa
på hi.» Folket svara Saul: «Gjer som du tykkjer!» **41**
Då sagde Saul til Herren, Israels Gud: «Lat sanningi
koma for dagen!» Då fall luten på Jonatan og Saul, og
folket gjekk fritt. **42** Saul sagde: «Drag strå millom meg
og Jonatan, son min!» Då fall luten på Jonatan. **43**
Saul sagde til Jonatan: «Seg meg kva du hev gjort!»
Då sagde Jonatan det med honom: «Med enden av
staven eg hadde i handi, tok eg noko lite honning og
smaka lite grand på det. Sjå her er eg, ferdig til å døy.»
**44** Saul svara: «Ja, Gud late meg bøta for det no og
sidan! Livet lyt du lata, Jonatan!» **45** Men folket sagde
til Saul: «Skulde Jonatan døy? Han som hev vunne
denne store sigeren for Israel! Aldri i verdi! So sant
Herren liver, ikkje eit hår på hovudet hans skal vert
skadt! for med Guds hjelp hev han gjort dette i dag.»
Og folket løyste Jonatan ut; han vart ikkje drepen.
**46** Saul drog heim, og forfylgde ikkje filistarane meir.
Filistarane drog og heim til seg. **47** Då Saul hadde
eigna til seg kongedømet i Israel, førde han krig mot

alle fiendarne sine rundt ikring: Moab, ammonitarne,
Edom, kongarne i Soba og filistarane. Og kvar helst
han vende seg, tukta han deim. 48 Han vann seg stort
velde. Han slo Amalek - og fria soleis Israel frå deim
som herja det. 49 Sønerne åt Saul var Jonatan, Jisvi
og Malkisua. Av dei tvo døtterne hans heitte den eldste
Merab og den yngste Mikal. 50 Kona åt Saul heitte
Ahinoam Ahima'asdotter. Hovdingen yver heren hans
heitte Abner, son åt Ner, som var farbror åt Saul; 51 for
Kis, Sauls far, og Ner, Abners far, var søner åt Abiel.
52 Krigen mot filistarane var allstødt hard so lenge Saul
livde. Og so tidt Saul såg ei kjempa eller ein dugande
kar, tok han honom i si tenesta.

**15** Samuel sagde til Saul: «Det var meg Herren
sende til å salva deg til konge yver Israel, folket
sitt. So lyd no Herrens ord! 2 So hev Herren, allhers
drott, sagt: «Eg vil hemna det Amalek gjorde mot
Israel med di han lagde seg i vegen for deim då dei
drog upp frå Egyptarland. 3 Gakk no ut og vinn yver
amalekitarne! Du skal bannstøytte deim og alt det dei
eig. Du skal ikkje tykkja synd i deim, men drepa både
kar og kvende, småborn og sogborn, bu og smale,
kamelar og asen.»» 4 So baud Saul ut herfolket og
mynstra deim i Telajim; tvo hundrad tusund mann
fotfolk og dessutan ti tusund mann frå Juda. 5 Då Saul
kom til Amalekbyen, sette han umsåtmenner i dalen. 6
Saul sagde til kenitarne: «Kom, skil dykk ut! Far undan
frå amalekitarne, so eg ikkje skal gjera ende på dykk
samstundes med deim! De synte då godhug mot alle
Israels-borni då dei drog upp frå Egyptarlandet.» Då
skilde kenitarne seg frå amalekitarne. 7 Saul vann
yver amalekitarne og forfylgde deim frå Havila til fram
imot Sur, som ligg austan for Egyptarland. 8 Han tok
Agag, amalekitarkongen, livande til fange; og alt folket
bannstøytte han og hogg deim ned. 9 Men Saul og
folket sparde Agag og det beste og det næstbeste
av smalen og bufeet og lambi, alt som hadde verde;
sovore vilde dei ikkje bannstøyta. Men alt skrapfeet og
alle skrantne dyr, deim bannstøytte dei. 10 Herrens
ord kom til Samuel: 11 «Eg angrar at eg gjorde Saul
til konge! Han hev vendt seg burt frå meg og ikkje
gjort det eg sette honom til.» Då harmast Samuel,
og han ropa til Herren heile natti. 12 Då Samuel reis
upp tidleg um morgonen og gjekk til møtes med Saul,
fekk han høyre gjete: «Saul hev fare til Karmel og
reist seg eit æreminne der; so hev han snutt heim
att og fare ned att til Gilgal.» 13 Då Samuel kom til
Saul, sagde Saul til honom: «Velsigna vere du av
Herren! No hev eg gjort det Herren sette meg til.»
14 Samuel svara: «Kva er det for bræking som læt
for øyro mine? Kva er det for rauting eg høyrer?»
15 Saul sagde: «Frå amalekitarne hev dei ført deim hit.
Folket sparde det beste av bufe og smale til slagtoffer
åt Herren, din Gud. Resten bannstøytte me.»
16 Samuel sagde til Saul: «Teg still! so vil eg kunngjera
deg kva Herren hev sagt meg i natt.» Han sagde til
honom: «Seg det!» 17 Samuel sagde: «Du veit du vart
hovding yver Israels-ætterne, då du tyktest deg sjølv
ring. For Herren salva deg til konge yver Israel. 18
Og Herren sende deg av stad og sagde: «Gakk og
bannstøyt desse syndarar amalekitarne! Før krig mot
deim, til dess du hev tynt deim!» 19 Kvifor lydde du
ikkje Herren, men kasta deg yver herfanget og gjorde
det som Herren mislikar?» 20 Saul svara Samuel:
«Eg hev lydt Herren og gjenge vegen Herren sende
meg. Eg hev ført Agag, amalekitarkongen, hit, og
amalekitarne hev eg bannstøytt. 21 Men folket tok av
herfanget bufe og smale, det beste av det bannstøytte,
til offer for Herren, din Gud, i Gilgal.» 22 Då sagde
Samuel: «Meiner du Herren hev hugnad i brennoffer
og slagtoffer likso mykje som i lydnad mot Herren? Nei,
lydnad er betre enn likaste offeret, ope øyra betre enn
feitaste veren. 23 Trass er trollskap, einvisa er som
avgudar og husgudar. Av di du vanda Herrens ord, hev
han vanda deg, so du vert ikkje kanna konge lenger.»
24 Saul sagde til Samuel: «Eg hev synda med di eg
hev gjorde tvert imot det Herren baud meg og du tala
til meg. Folket var eg rædd og gjorde deim til viljes. 25
Men tilgjev no det eg hev synda! Ver med meg heim,
so eg kann bøygja kne for Herren!» 26 Samuel sagde
til Saul: «Eg vil ikkje vera med deg heim. Av di du
hev vanda Herrens ord, hev Herren vanda deg, so du
skal ikkje vera konge yver Israel.» 27 Då no Samuel
snudde seg og vilde ganga, tok han tak i snippen på
kappa hans, og reiv honom av. 28 Då sagde Samuel
til honom: «Herren hev i dag rive kongedømet yver
Israel frå deg og gjeve det åt ein annan som er betre
enn du. 29 Israels heider lyg ikkje og angrar ikkje. For
ikkje eit menneskje er han, so han skulde angra.» 30
Han svara: «Eg hev synda. Men syn meg no den æra
framfor dei øvste i folket mitt og heile Israel, at du er
med meg heim, so eg kann bøygja kne for Herren,
din Gud.» 31 So fylgde Samuel med Saul, og Saul
bøygde på kne for Herren. 32 Samuel sagde: «Før hit
til meg Agag, amalekitarkongen!» Då gjekk Agag fram
til honom med lystig hug, med di han sagde: «Visst er
det beiske i dauden burte!» 33 Men Samuel sagde:
«Liksom ditt sverd hev gjort kvinnor barnlause, soleis
skal di mor verta barnlaus meir enn andre kvinnor.» Og
Samuel gav Agag banehogg framfor Herren i Gilgal.
34 Samuel gjekk til Rama, og Saul for heim att til Sauls
Gibea. 35 Samuel vilde ikkje sjå Saul meir so lenge
han livde. For Samuel syrgde yver Saul, av di Herren
angra han hadde gjort Saul til konge yver Israel.

**16** Herren sagde til Samuel: «Kor lenge etlar du å
syrgja yver Saul? Eg hev då vanda honom, so
han skal ikkje vera konge yver Israel. Fyll hornet ditt
med olje og gakk av stad! Eg vil senda deg til Isai i
Betlehem. Ein av sønerne hans hev eg etla til konge.»
**2** Samuel sagde: «Kor kann eg ganga dit? Fær Saul
fretta det, drep han meg.» Herren svara: «Tak ei kviga
med deg, so kann du segja: «Eg er komen og vil ofra
til Herren.» **3** So skal du beda Isai til offermåltidi, so
skal eg lata deg vita det du skal gjera; og du skal salva
åt meg den eg segjer.» **4** Samuel gjorde som Herren
sagde: Då han kom til Betlehem, kom dei øvste i byen
skjelvande imot honom og spurde: «Varslar det godt at
du kjem?» **5** Han svara: «Ja, eg kjem og vil ofra til
Herren. Det lyt helga dykk, so det kann vera med meg
ved offermåltidi!» Og han helga Isai og sønerne hans
og bad deim vera med ved offermåltidi. **6** Då dei kom,
og han fekk sjå Eliab, tenkte han: «Der stend visst
framfor Herren den han salvar.» **7** Men Herren sagde
til Samuel: «Skoda ikkje på kor han ser ut, kor stor og
høg han er på vokster; for honom vil eg ikkje hava.
Det munar ikkje det menneskja ser; menneskja ser på
utsyni, men Herren ser på hjarta.» **8** Då kalla Isai på
Abinadab og let honom ganga fram for Samuel. Men
han sagde: «Heller ikkje denne hev Herren valt seg
ut.» **9** Isai let Samma ganga fram. Men han sagde:
«Heller ikkje denne hev Herren valt.» **10** Isai sju av
sønerne ganga fram for Samuel. Men Samuel sagde til
Isai: «Herren hev ikkje valt ut nokon av desse.» **11** «Er
dette alle gutarne dine?» spurde han Isai. Han svara:
«Endå er den yngste att. Men han gjæter smalen.»
«Send bod etter honom!» sagde Samuel med Isai;
«for me vil ikkje setja oss til bords fyrr han kjem hit.»
**12** Då sende han bod etter honom. Han var raudleitt,
hadde bjarte øugo, og var væn å sjå til. Og Herren
sagde: «Ris upp og salva honom; han er det!» **13**
Då tok Samuel oljehornet og salva honom, so brørne
hans såg på. Og Herrens Ande kom yver David frå
den dagen og sidan. So stod Samuel upp og drog til
Rama. **14** Etter Herrens Ande hadde vike frå Saul,
kom det ei vond ånd frå Herren yver honom i brårider.
**15** Tenarane åt Saul sagde med honom: «Sjå, du fær
brårider av ei vond ånd frå Gud. **16** Herre, seg med
tenarane dine som stend framfor deg, at dei leitar
upp ein som kann leika på harpa! Når so den vonde
åndi frå Gud kjem yver deg, kann han spela; då vil du
besna.» **17** Saul sagde då med tenarane sine: «Sjå
dykk ut for meg ein mann som er god til å spela, og få
honom hit til meg!» **18** Ein av sveinarne svara: «Eg
veit ein son åt Isai i Betlehem som kann spela, ein
gjæv gut, våpndjerv, ordhag og fager. Herren er med
honom.» **19** Saul sende då bod til Isai og bad honom:
«Send hit til meg David, son din, han som er med
smalen!» **20** Isai tok då og klyvja eit asen med mat, ei
vinhit og eit kid og sende til Saul med David, son sin.
**21** So kom David til Saul og vart tenaren hans. Han vart
svært glad i honom og gjorde honom til våpnsveinen
sin. **22** Og Saul sende bod til Isai og bad: «Kjære, lat
David stogga hjå meg! for eg hev fenge godvilje for
honom.» **23** So tidt åndi frå Gud kom yver Saul, so tok
David harpa og leika på henne. Då letna det for Saul.
Han besna, og den vonde åndi slepte honom.

**17** Filistarane stemnde saman herarne sine til strid.
Dei stemnde til Soko, som høyrer til Juda. Og dei
lægra seg millom Soko og Azeka ved Efes-Dammim.
**2** Saul og Israels hermenner hadde og samla seg,
og lægra seg i Eikedalen. Dei fylkte seg til slag mot
filistarane. **3** Filistarane stod på den eine fjellsida,
Israels-mennerne på hi, med dalen midt imillom seg. **4**
Då steig det fram frå filistarfylkingi ei einvigskjempa.
Han var frå Gat, og heitte Goliat, var seks alner og ei
spann høg. **5** Han hadde ein koparhjelm på hovudet,
og gjekk med ei ringbrynja av kopar på fem tusund
lodd. **6** Han hadde koparspenger på føterne, og bar
eit koparspjot på ryggen. **7** Spjotskaftet var som ein
vevbom, og jarnet på spjotodden vog seks hundrad
lodd. Og våpnsveinen hans gjekk fyre honom. **8** Han
steig no fram og ropa til Israels-fylkingi, og sagde til
deim: «Kvifor dreg de ut og fylkjer dykk til slag? Er
ikkje eg filistar? og de Sauls trælar? Vel dykk ein som
kann koma hit ned til meg! **9** Magtast han slåst med
meg og fella meg, so skal me vera dykkar trælar. Men
vinn eg på honom og feller honom, so skal de vera
våre trælar og tena oss.» **10** Filistaren ropa framleides:
«No hev eg svivyrdt Israels-fylkingi. Send ein hit til
meg, so me kann slåst!» **11** Då Saul og heile Israel
høyrde desse ordi av filistaren, skalv dei og vart ovleg
rædde. **12** David var son åt denne efratiten Isai som er
nemnd, i Betlehem i Juda. Isai hadde åtte søner. På
Sauls tid var han gamall og mykje til års komen. **13** Dei
tri eldste sønerne åt Isai fylgde Saul i krigen. Desse tri
sønerne hans som gjekk i krigen heitte: den eldste
Eliab, den andre Abinadab, og den tridje Samma. **14**
David var den yngste. Det var dei tri eldste som fylgde
Saul. **15** Og David gjekk tidt heim frå Saul og gjætte
smalen åt far sin i Betlehem. **16** Filistaren kom fram
kvar morgon og kvar kveld i fyrti dagar. **17** Isai sagde
med David, son sin: «Tak ei skjeppa av desse steikte
aksi, og desse ti brødi, og skunda deg med deim til
lægret til brørne dine! **18** Og desse ti osteskivorne skal
du gjeva føraren. Du skal sjå um det stend vel til med
brørne dine, og få ei kvitting av deim. **19** For Saul og
dei og heile Israels-heren er i Eikedalen i krig med
filistarane.» **20** Tidleg næste morgon reis David upp,

let smalen åt ein hyrding, leste på seg og gjekk av
stad, som Isai hadde bode honom. Han kom fram åt
vognborgi, nett med same heren gjekk fram i fylking og
lyfte herrop. 21 Dei stod no slagbudde både Israel og
filistarane, fylking mot fylking. 22 David let trænvakti
taka vare på føringi si, og sprang burt til heren. Han
helsa på brørne sine, og spurde kor til stod. 23 Med
han stod og tala med deim, fekk han sjå einvigskjempa,
filistaren - Goliat heitte han, og var frå Gat - som kom
fram or filistarfylkingi, og tok upp att dei vanlege ordi,
so David høyrde det. 24 Alle Israels-mennerne rømde
undan då dei såg honom, og var ovleg rædde. 25
Ein av Israels-mennerne sagde: «Ser de den karen
som kjem fram der? Til svivyrding for Israel kjem han.
Den som feller honom, vil kongen gjeva rikdom, og
dotter si vil han gjeva honom, og ætti hans skal verta
fri alle skattar og tyngslor i Israel.» 26 David spurde
deim som stod attmed honom: «Kva fær den som
feller denne filistaren og tek ei sovori svivyrding burt
frå Israel? for kven er denne u-umskorne filistaren som
vågar svivyrda fylkingarne åt den livande Gud?» 27
Folki tok upp att dei same ordi; Det og det vil den
få som feller honom. 28 Då Eliab, eldste bror hans,
høyrde kva han sagde med folki, vart han brennande
harm på David. «Kva kjem du her etter?» ropa han.
«Kven hev du late den vesle smaleflokken til burte
i øydemarki? Eg veit du er ei vyrdløysa, og full av
vondska. Du kjem berre og vil sjå på slaget.» 29 David
sagde: «Kva hev eg då gjort? Det var då berre ein
spurnad.» 30 So vende han seg frå honom mot ein
annan og kom med same spursmålet; og han fekk
same svaret som fyrr. 31 Men dei spurdest, desse ordi
David hadde sagt. Og dei kom for øyro åt Saul, og
han sende bod etter honom. 32 Og David sagde med
Saul: «Ingen må missa modet. Tenaren din vil ganga
imot denne filistaren og slåst med honom.» 33 Men
Saul sagde til David: «Du er ikkje før til å ganga i strid
mot denne filistaren. Du er berre ungguten, og han
er stridsmann alt frå barneåri.» 34 David svara Saul:
«Tenaren din hev gjætt smalen til far; kom då ei løva
eller ein bjørn og røva ein sau i flokken, 35 so fylgde
eg etter og drap udyret og reiv sauen ut or gapet på
det. Um det reis upp på tvo imot meg, tok eg strupetak
og gav det bane. 36 Hev no tenaren din felt både løva
og bjørn, skal det ganga nett like eins med denne u-
umskorne filistaren; for han hev svivyrdt fylkingarne
åt den livande Gud.» 37 Og David sagde: «Herren
som fria meg ut or klørne åt løva og bjørn, han vil
fria meg frå denne filistaren.» Då sagde Saul med
David: «Gakk! og Herren vil vera med deg.» 38 Saul
klædde på David våpnkjolen sin, sette ein koparhjelm
på hovudet hans og gav honom ei brynja. 39 Og David
spente sverdet hans ikring seg utanpå våpnkjolen,
og freista ganga soleis. Men han var ikkje van med
det, og han sagde til Saul: «Eg kann ikkje ganga med
dette på meg; eg er ikkje van med det.» Og David
lagde det av seg. 40 So tok han staven sin i handi, og
fann seg fem av dei hålaste steinarne i bekkjefaret
og lagde deim i gjætarskreppa si, som han hadde på
seg. Slyngja si tok han i handi. Og so gjekk han fram
imot filistaren. 41 Filistaren gjekk og fram imot David,
og skjoldsveinen hans gjekk fyre. 42 Då no filistaren
gådde David, bles han åt honom; for han var berre
ungguten, raudleitt og væn å sjå til. 43 Filistaren ropa til
David: «Meinar du eg er ein hund, sidan du kjem imot
meg med stavar?» Og han banna David ved guden
sin. 44 «Kom hit til meg!» ropa filistaren til David, «so
skal eg gjeva kjøtet ditt åt fuglarne under himmelen og
åt villdyri i marki.» 45 David svara filistaren: «Du kjem
imot meg med sverd og langspjot og kastespjot. Men
eg kjem imot deg i namnet åt Herren, allhers drott, han
som er Gud for Israels-fylkingarne, deim som du hev
svivyrdt. 46 I dag skal Herren gjeva deg i mitt vald.
Eg skal fella deg og hogga hovudet ditt av deg. Dei
daude skrottarne til filistarheren skal eg i dag gjeva
åt fuglarne under himmelen og åt villdyri i marki, so
all jordi skal skyna at Israel hev ein Gud, 47 og heile
denne lyden skal skyna at det er ikkje med sverd og
spjot Herren gjev siger. Striden høyrer Herren til; han
gjev dykk i vår hand.» 48 Då no filistaren budde seg
og gjekk til møtes med David, skunda David seg og
sprang fram imot filistaren, burtimot filistarfylkingi. 49
David stakk handi i skreppa, tok upp ein stein, kasta,
og råka filistaren i panna. Steinen sokk i panna hans,
so han datt å gruve til jordi. 50 Soleis vann David
på filistaren med ei slyngja si og ein stein, og drap
filistaren, endå han hadde ikkje sverd i handi. 51 David
sprang burtåt filistaren, tok sverdet hans, drog det ut
or slira og drap honom og hogg hovudet av honom
med det. Då filistarane såg at kjempa deira var daud,
rømde dei. 52 Israels-heren og Juda-heren lagde i veg,
lyfte herrop, og forfylgde filistarane dit der vegen tek
av til Gai, ja heilt til portarne i Ekron; so det låg falne
filistarar på vegen til Sa'arajim, ja heilt til Gat og Ekron.
53 So snudde Israels-heren attende frå forfylgjingi, og
herja filistarlægret. 54 David tok hovudet åt filistaren
og førde til Jerusalem; men våpni hans tok han heim til
seg. 55 Då Saul såg David ganga imot filistaren, sagde
han med Abner, herhovdingen sin: «Abner, kven er
den guten son til?» Abner svara: «So visst som du
liver, konge! eg veit ikkje.» 56 Då sagde kongen: «Få
du greide på kven den ungdomen er son til!» 57 Og då
David kom att, etter han hadde felt filistaren, tok Abner
og førde honom fram for Saul; han heldt hovudet åt

filistaren i handi. 58 Og Saul spurde honom: «Kven er
du son til, guten min?» David svara: «Son til tenaren
din, Isai i Betlehem.»

**18** Då han hadde tala ut med Saul, lagde Jonatan
stor elsk på David, og Jonatan elska honom som
seg sjølv. 2 Saul tok honom til seg den dagen og let
honom ikkje venda heim att til far sin. 3 Jonatan gjorde
fostbrorlag med David, av di han elska honom som
seg sjølv. 4 Jonatan tok av seg kappa han bar og gav
til David, og våpnkjolen sin, ja jamvel sverdet sitt og
bogen sin og beltet sitt gav han honom. 5 David drog
i herferd. Kvar helst Saul sende honom, hadde han
lukka med seg. Og Saul sette honom yver krigsheren.
Han var vel umtykt av heile folket, endå til av tenarane
åt Saul. 6 Då dei kom heim, etter David hadde felt
filistaren, gjekk kvendi ut frå alle byar i Israel, med song
og dans, til å møta kong Saul med trummor, fagnadrop
og triangel. 7 Kvendi trødde dansen og song: «Tusund
tynte kong Saul, men David tie tusund.» 8 Då vart
Saul brennande harm. Han mislika dei ordi og sagde:
«David hev dei gjeve ti tusund; meg hev dei gjeve
tusund! No vantar det honom berre kongedømet!»
9 Og Saul såg jamleg med skakkauga på David frå
den dagen. 10 Dagen etter kom den vonde åndi frå
Gud yver Saul. Og han rasa i huset sitt. David spela
på harpa, som han kvar dag gjorde. Saul hadde eit
spjot i handi. 11 Saul kasta spjotet og tenkte: «Eg
rennar spjotet gjenom David og inn i veggen!» Men
David bøygde seg undan, tvo vendor. 12 Saul vart
rædd David, av di Herren var med honom, samstundes
som han hadde vike frå Saul. 13 Saul fekk honom då
burt frå seg, med di han sette honom til herførar: han
førde herfolket både ut og heim. 14 David hadde lukka
med seg all stad: Herren var med honom. 15 Då Saul
såg at han hadde so stor ei lukka, fekk han rædsla
for honom. 16 Men heile Israel og Juda elska David;
for han førde deim både ut og heim. 17 Saul sagde
med David: «Her er eldste dotter mi, Merab; henne
gjev eg deg til kona. Berre te deg som ein dugande
kar, og før striden for Herren!» Saul tenkte: «Ikkje for
mi hand skal han falla, men for filistarane.» 18 David
svara Saul: «Kven er eg? og kva er ætti mi, farsætti
mi i Israel, sidan eg skal verta måg til kongen.» 19
Men då tidi kom at David skulde gifta seg med Merab,
dotter åt Saul, gifte han henne med Adriel frå Mehola.
20 Med Mikal Saulsdotter hadde huglagt David. Saul
fekk vita det, og han lika det godt; 21 for Saul tenkte:
«Eg skal gjeva henne åt honom, soleis at ho vert til
ei snara for honom, so han fell for filistarhand.» Saul
sagde med David: «Andre venda kann du verta mågen
min.» 22 Og Saul baud folki sine: «Kviskra dette ordet
i øyra på David: «Kongen likar deg godt, alle folki hans
er glad i deg; no må du verta måg til kongen!»» 23
Då folki åt Saul sagde dette med David, svara han:
«Tykkjer de det er so lite å vera kongsmåg? eg er
då berre ein ring og fatig kar.» 24 Tenarane åt Saul
fortalde honom det: «So og so sagde David.» 25 Saul
sagde: «Soleis skal de segja med David: «Kongen
krev ikkje onnor festargåve enn hundrad huvehold
av filistarar; for kongen vil hava hemn yver fiendarne
sine.»» Saul vonast fella David med filistarhand. 26
Tenarane hans melde desse ordi til David; og David
lika godt å verta kongsmåg. Fyrr tidi var ute, 27 reis han
upp og gjekk av stad med sveinarne sine og gav tvo
hundrad filistarar banehogg. Og David førde huveholdi
deira med seg og lagde fullt tal fram for kongen, so
han kunde verta kongsmåg. So gav Saul honom Mikal
til kona. 28 Saul såg og skyna at Herren var med
David. Mikal Saulsdotter elska honom. 29 Men Saul
vart stendigt meir og meir rædd David. So vart Saul
uvenen åt David for heile livet. 30 Men filistarfyrstarne
for i herferd. Og so tidt det for ut, hadde David meir
lukka med seg enn hermennerne åt Saul. Og namnet
hans vart høgvyrdt.

**19** Saul tala med Jonatan, son sin, og med alle
tenarane sine um å drepa David. Jonatan
Saulsson heldt mykje av David; 2 difor nemnde Jonatan
dette med David og sagde: «Saul, far min, lurar på å
drepa deg. Sjå deg fyre i morgon og haldt deg roleg på
eit løynd stad, og gøym deg der! 3 So vil eg ganga
ut med far og standa med honom på marki der du
er; eg vil nemna deg med far; og vert eg visare med
noko, skal du få vita det.» 4 Jonatan tala Davids sak
hjå Saul, far sin, og sagde: «Kongen må ikkje gjera
synd på David, tenaren sin. For han hev ikkje gjort
synd mot deg. Tvert um; det han hev gjort, hev vore til
stor bate for deg. 5 Han våga livet og felte filistaren,
og Herren gav so Israel ein stor siger. Du såg det
sjølv og gledde deg. Kvifor skulde du gjera synd på
skuldlaust blod og drepa David utan grunn?» 6 Saul
lydde Jonatan, son sin. Og Saul svor: «So sant Herren
liver: Han skal ikkje lata livet!» 7 So ropa Jonatan på
David og fortalde honom alt dette, og førde honom til
Saul, og han var hjå honom som fyrr. 8 Då krigen tok
til att, for David i herferd og stridde mot filistarane, og
gjorde stort mannefall millom deim, og dei rømde for
honom. 9 Då kom ei vond ånd frå Herren yver Saul,
der han sat heime med spjot i handi, medan David
leika på strengjerne. 10 Då freista Saul å renna spjotet
gjenom David inn i veggen. Men han smatt undan, og
spjotet for inn i veggen. Og David rømde og kom seg
burt same natti. 11 So sende Saul folk til heimen hans
David; dei skulde vakta på honom og drepa honom

um morgonen. Men Mikal, kona hans, fortalde honom
det og sagde: «Bergar du ikkje livet i natt, so er du
feig i morgon.» 12 So fira Mikal David ned gjenom
vindauga; og han rømde, og berga seg undan. 13 So
tok Mikal husguden og lagde i sengi, sette eit net av
geitehår kring hovudet, og breidde åklædet yver. 14
Då no Saul sende folk til å henta David, sagde ho:
«Han er sjuk.» 15 Saul sende då Saul folki til å finna
David sjølv, og sagde: «Ber honom hit upp til meg i
sengi, so me kann drepa honom!» 16 Då folki kom inn,
fekk dei sjå det var husguden som låg i sengi, med
geitehårsnetet kring hovudet. 17 Saul spurde Mikal:
«Kvi hev du svike meg soleis og late uvenen min koma
seg undan?» Mikal svara Saul: «Han sagde til meg:
«Hjelp meg burt! elles drep eg deg.»» 18 Men David
hadde rømt og berga seg undan. Han gjekk til Samuel
i Rama, og fortalde honom alt det Saul hadde gjort
honom. Og han og Samuel for til Nevajot og heldt
seg der. 19 Saul fekk vita at David var i Nevajot ved
Rama. 20 Og Saul sende folk til å henta David. Men då
sendemennerne fekk sjå profetlyden i profetisk eldhug
og Samuel standa der og vera føraren deira, då kom
Gudsåndi yver deim, og dei kom i profetisk eldhug,
dei og. 21 Då Saul fekk høyra det, sende han andre
folk dit; dei og kom i profetisk eldhug. Og då han tridje
venda sende nye folk, gjekk det like eins med deim.
22 Då gjekk han sjølv til Rama. Då han kom til den
store brunnen i Seku, spurde han: «Kvar er Samuel og
David?» Dei svara: «I Nevajot ved Rama.» 23 Då han
gjekk dit, til Nevajot ved Rama, kom gudsåndi yver
honom og, so han gjekk i profetisk eldhug heile vegen,
til dess han kom til Nevajot ved Rama. 24 Då reiv han
og av seg klædi, med di han og vart teken av profetisk
eldhug framfor Samuel. Og han datt i koll og låg der
naken heile den dagen og natti med. Difor plar dei
segjer: «Er Saul og millom profetarne?»

**20** David rømde frå Nevajot ved Rama, og kom
til Jonatan og sagde: «Kva hev eg gjort? Kva
ugjerning og kva synd hev eg gjort far din, etter di han
vil taka livet av meg?» 2 Han svara honom: «Aldri i
verdi skal du døy! Sjå far gjer aldri noko, anten smått
eller stort, utan han let meg vita det. Kvifor skulde då
far løyna dette for meg? Det er ikkje so!» 3 Men David
gjorde eid på det: «Far din veit alt for vel at du hev
fenge godvilje for meg. Difor tenkjer han: «Lat ikkje
Jonatan få greida på dette! elles fær han sorg.» Men so
sant Herren liver, og so sant du sjølv liver: det er berre
eit stig millom meg og dauden.» 4 Då sagde Jonatan
med David: «Kva ynskjer du eg skal gjera for deg?» 5
David svara: «I morgon er det nymåne. Eg skulde då
sitja til bords med kongen. Lat meg no ganga og løyna
meg ute på marki til i yvermorgon kveld. 6 Skulde då
far din sakna meg, so seg: «David nidbad meg um
løyve til å springa heim til Betlehem, der som heile
ætti no ber fram det årlege slagtofferet sitt.» 7 Segjer
han då: «Det er vel!» so kann tenaren din vera trygg.
Men kjem sinnet yver honom, so skynar du han er fast
meint på eitkvart ilt. 8 Syn då godvilje mot tenaren
din, sidan du hev late tenaren din gjera fostbrorlag
med meg for Herren! Finst det nokor ugjerning eg hev
gjort, so drep du meg! Kvifor skulde du føra meg til far
din?» 9 Då svara Jonatan: «Aldri i verdi! Skynar eg
klårt at far vil deg eitkvart ilt, so skal eg sanneleg segja
deg det.» 10 Då spurde David: «Kven skal no lata
meg vita dette, um far din gjev deg eit hardt svar?»
11 Jonatan svara: «Kom, lat oss ganga ut på marki!»
Og dei gjekk båe ut på marki. 12 Og Jonatan sagde
med David: «Vitne er Herren, Israels Gud: når eg i
morgon eller i yvermorgon ved denne tid røynar ut
huglaget til far, og finn at det læt godt for David, so
skal eg sanneleg senda bod til deg og lata deg vita
det. 13 Herren lata Jonatan bøta for det no og sidan:
um far kjem på å gjera deg noko ilt, so let eg deg
vita deg, og hjelper deg til å koma undan, so du kann
fara din veg i fred. Og Herren vere med deg, som han
hev vore med far! 14 Og vil so du, um eg endå liver,
vil du so ikkje syna Herrens godvilje mot meg, so eg
slepp lata livet? 15 Aldri i æva vil du vel taka godviljen
burt frå ætti mi, jamvel når Herren tek alle uvenerne
åt David burt frå jordi.» 16 So gjorde Jonatan ei pakt
med Davids hus og sagde: «Herren take hemn yver
uvenerne åt David!» 17 Og Jonatan tok David i eid
endå ein gong ved sin kjærleik til honom; for han elska
honom som han elska si eigi sjæl. 18 Jonatan sagde til
honom: «I morgon er det nymåne. Då vert du sakna,
av di sessen din kjem til å sakna deg. 19 I yvermorgon
skal du skunda deg ned til løynstaden din, der du
løynde deg den dagen det du veit skulde gjerast; og
haldt deg attmed Burtferd-steinen. 20 Eg vil då vera i
nærleiken og skjota til måls med tri piler. 21 So sender
eg sveinen min av stad til å leita upp pilerne. Brukar
eg då desse ordi til sveinen: «Sjå pilerne ligg på denne
sida, tak deim!» - so kann du koma fram; for då er
det ingen fåre for deg og ingen ting i vegen, so sant
Herren liver. 22 Men segjer eg til guten: «Sjå pilerne
ligg lenger burte!» so far din veg! for då sender Herren
deg burt. 23 Til æveleg tid er Herren vitne til det ordet
eg og du hev tala saman.» 24 So løynde David seg
ute på marki. Då nymånedagen kom, sette kongen
seg til bords til å eta. 25 Kongen sat på sin vanlege
sess, høgsætet attmed veggen; Jonatan stod upp,
og Abner sat ved sida av Saul. Men sessen åt David
var tom. 26 Saul gat ingen ting den dagen; for han
tenkte: «Det hev vel hendt honom noko, so han ikkje

er rein, av di han endå ikkje hev reinsa seg.» 27 Men
då sessen åt David stod tomt ogso næste dag, dagen
etter nymånedagen, spurde Saul Jonatan, son sin:
«Kvi hev ikkje Isaisonen kome til bords antan i går eller
i dag?» 28 Jonatan svara Saul: «David nidbad meg um
løyve til å fara åt Betlehem; 29 han sagde: «Lat meg
fara, for me held offerfest heile ætti der i byen, og bror
min hev sjølv bode meg koma; held du aldri so lite av
meg, so lat meg få lov å fara heim so eg kann vitja
brørne mine!» Difor kjem han ikkje til kongsbordet.» 30
Då vart Saul brennande harm på Jonatan og sagde
til honom: «Du son til ei treisk og rangsnudd kvinna!
Visste eg ikkje at du hev huglagt Isaisonen, til skjemsla
for deg sjølv, og til skjemsla for blygsli åt mor di! 31 So
lenge Isaisonen liver, stend både du og kongedømet
ditt på utrygg grunn. Send difor bod og henta honom til
meg! for han skal vera feig.» 32 Jonatan svara Saul,
far sin: «Kvifor skal han lata livet? Kva hev han gjort?»
33 Då kasta Saul spjotet imot honom, og vilde drepa
honom. No skyna Jonatan at far hans var fast meint
på å drepa David. 34 Jonatan reis upp frå bordet,
harm i hugen, og smaka ikkje matbiten denne andre
nymånedagen; for han syrgde sårt yver David, av di
far hans hadde svivyrdt honom. 35 Morgonen etter
gjekk Jonatan ut på marki den tid han hadde avtala
med David; og ein liten svein var med honom. 36 Han
sagde til sveinen: «Spring du og leita etter pilerne
som eg skyt!» Medan sveinen sprang av stad, skaut
han ut pili framum honom. 37 Då sveinen nådde dit
pili låg som Jonatan hadde skote, ropa Jonatan etter
sveinen: «Pili ligg då lenger burte!» 38 Framleides
ropa Jonatan etter sveinen: «Nøyt deg! skunda deg!
statt ikkje der!» Då sanka sveinen åt Jonatan pilerne
og bar til husbonden sin. 39 Sveinen skyna ingen ting;
einast Jonatan og David skyna meiningi. 40 Jonatan
gav våpni sine til sveinen som var med honom, og
sagde: «Far heim til byen med deim!» 41 Då sveinen
var faren, reis David upp på sørsida. Han fall å gruve
til jordi, og bøygde seg tri gonger. Dei kysste einannan,
og gret med einannan. Og David stridgret. 42 Jonatan
sagde til David: «Far i fred! Lat det standa med magt
det me batt med ein eid i Herrens namn, då me sagde:
«Herren skal vere vitne millom meg og deg, og millom
mi ætt og di ætt, til æveleg tid!»» So reis David upp og
gjekk sin veg. Og Jonatan gjekk heim att til byen.

**21** David kom til presten Ahimelek i Nob. Ahimelek
vart forstøkt då han fekk sjå David, og spurde:
«Kvifor kjem du eismall og hev inkje folk med deg?» 2
David svara presten Ahimelek: «Kongen hev gjeve
meg ei ærend, og han sagde med meg: «Ingen må vita
noko um ærendi eg sender deg i og legg på deg.» Og
sveinarne mine hev eg varsla å møta meg der dei veit.
3 Gjev meg no det du hev for handi, fem brød, eller
kva som finst!» 4 Presten svara David: «Uvigt brød
hev eg ikkje for handi; einast heilagt brød er her; berre
sveinarne dine hev halde seg burte frå kvinnor.» 5
David svara presten: «Ver trygg! kvinnor hev vore langt
burte frå oss alt sidan fyrre dagen. Då eg drog av stad,
hadde sveinarne mine helgar-likamar. Um ferdi vår er
kvardagsleg, so er ho då helga ved likamen i dag.» 6
So gav presten honom heilagt brød; det fanst ikkje
anna brød enn skodebrødi som hadde lege framfor
Herren, og som no var burttekne att, då nytt brød var
framlagt same dagen det gamle vart burtteke. 7 Den
dagen var det ein av Sauls tenarar der, som heldt seg
inne framfor Herren, ein edomit, heitte Doeg, som var
Sauls yverhyrding. 8 David spurde Ahimelek: «Hev
du ikkje noko spjot eller sverd her hjå deg? Korkje
sverdet mitt eller dei hine våpni tok eg med meg,
då kongsærendi kom so brått på.» 9 Presten svara:
«Jau, det sverdet som filistaren Goliat åtte, han som
du felte i Eikedalen; det ligg sveipt i ei kappa attum
messehakelen. Vil du hava det, so tak det! Noko anna
hev eg ikkje.» «Det finst ikkje maken til det, » sagde
David; «gjev meg det!» 10 David drog av og rømde
same dagen for Saul, og kom til Akis, kongen i Gat. 11
Tenarane åt Akis sagde: «Er ikkje dette David, kongen
i landet? Er det ikkje til æra for honom dei syng so når
dei dansar: Tusund tynte Saul, David tie tusund?» 12
David lagde desse ordi på minne, og vart mykje rædd
for Akis, kongen i Gat. 13 Difor lest han som han var
galen, og tedde seg som ein dåre, då dei vilde taka fat
på honom; han rita på dørarne i porten, og let siklet
renna i skjegget. 14 Då sagde Akis med tenarane sine:
«De ser då mannen hev mist vitet! Kvi fører de honom
til meg? 15 Vantar det meg på vitløysor, sidan de førar
denne mannen hit, so han skal te seg galen framfor
meg? Kva hev han å gjera her i huset?»

**22** David drog derifrå, og kom seg undan til Adullam-
hola. Då brørne hans og heile farsætti hans
høyrde gjete det, kom dei dit ned til honom. 2 Og til
honom flokka seg allslags folk, alle som var i naud,
alle som var i skuld, alle som var misnøgde, og han
vart hovdingen deira; ei fire hundrad mann slo lag med
honom. 3 Derifrå drog David til Mispe i Moab. Og han
sagde til Moabs-kongen: «Lat far min og mor mi få
koma hit og vera hjå dykk, til dess eg fær vita kva Gud
vil gjera med meg!» 4 Han førde deim fram for Moabs-
kongen, og dei fekk halda seg hjå honom, so lenge
David var i borgi. 5 Men profeten Gad sagde til David:
«Du skal ikkje halda deg her i borgi! tak ut herifrå,
og far til Judalandet!» Og David drog burt derifrå og
kom til Heretskogen. 6 Saul frette at dei hadde fenge
greide på David og dei folki som var med honom.

Saul sat ein dag i Gibea under tamariska på haugen,
med spjot i handi; og alle tenarane hans stod ikring
honom. 7 Då sagde Saul med tenarane sine, der dei
stod ikring honom: «Høyr no, Benjamins born! Meiner
de Isaisonen gjev åkrar og vinhagar åt dykk alle, og
set dykk alle til herførar for større eller mindre flokkar?
8 For de hev alle samansvore dykk mot meg; og ingen
hev fortalt meg at son min hev gjort fostbrorlag med
Isaisonen! Ingen hev so mykje medkjensle med meg
at han hev fortalt meg det. For son min hev eggja
tenaren min til meinråder mot meg, so som det no
kjem for dagen.» 9 Edomiten Doeg, som ogso stod
der millom folki åt Saul, tok til ords og sagde: «Eg såg
Isaisonen kom til Ahimelek Ahitubsson i Nob. 10 Han
spurde Herren for honom, og gav honom nista; og
let honom få sverdet åt filistaren Goliat.» 11 Kongen
sende då bod etter presten Ahimelek Ahitubsson og
heile ætti hans, prestarne i Nob. Dei møtte alle fram for
kongen. 12 Saul sagde: «Høyr meg, du Ahitubsson!»
Han svara: «Kva vil du meg, herre!» 13 Saul sagde til
honom: «Kvifor hev de samansvore dykk mot meg, du
og Isaisonen, med di du gav honom mat og sverd, og
spurde Gud for honom, og han fekk leggja meinråder
mot meg, so som det no kjem for dagen?» 14 Ahimelek
svara: «Kven av alle tenarane sine er so trugen som
David? og han er kongsmåg og hovding yver livvakti di
og høgvyrd i huset ditt! 15 Er det fyrste gongen eg
hev spurd Gud for honom? Aldri i verdi må kongen
saka meg og ætti mi for dette. Eg hev ikkje visst det
minste um alt dette.» 16 Kongen sagde: «Du skal lata
livet, Ahimelek! du og heile ætti di.» 17 Og kongen
baud tenarane som stod ikring honom: «Fram og drep
Herrens prestar! for dei er og i samråd med David.
Endå dei visste han rømde, let dei meg ikkje vita det.»
Men kongstenarane torde ikkje rette ut handi og hogga
ned Herrens prestar. 18 Kongen baud då Doeg: «Fram
du, og hogg ned prestarne!» Og edomiten Doeg gjekk
fram og hogg ned prestarne med eigi hand, og drap
den dagen fem og åtteti mann som bar messehakel
av lin. 19 Og folket i prestebyen Nob slo han med
sverd, karar og kvende, småborn og store born, bufe
og smale og asen, alt hogg han ned med sverdet.
20 Berre ein av sønerne hans Ahimelek Ahitubsson
berga seg undan. Abjatar heitte han. Han rømde til
David. 21 Abjatar fortalde David at Saul hadde hogge
ned Herrens prestar. 22 «Eg skyna det alt den gong, »
sagde David til Abjatar, «at når edomiten Doeg var der,
vilde han melda det til Saul. Eg er upphavet til dråpet
på heile di ætt. 23 Haldt deg hjå meg! ver hugheil! Den
som vil taka livet av meg, vil taka livet av deg. Du er
no i mi varetekt.»

**23** Folk melde til David: «Filistarane held på og
strider mot Ke'ila, og dei herjar treskjestaderne.»
2 Då spurde David Herren: «Skal eg draga av stad og
slå desse filistarar?» Herren svara David: «Ja, drag av
stad, slå filistarane og fria ut Ke'ila!» 3 Men folki åt
David sagde med honom: «Me er alt fyrr rædde um
oss her i Juda. Kor skal det då ganga når me fer til
Ke'ila mot filistarfylkingi?» 4 Då spurde David Herren
andre gongen, og Herren svara honom: «Ris upp!
drag ned til Ke'ila! Eg gjev filistarane i di hand.» 5 So
for David med kararne sine til Ke'ila og stridde mot
filistarane, førde burt buskapen deira, og gjorde stort
mannefald millom deim. Soleis fria David folket i Ke'ila.
6 Då Abjatar Ahimeleksson rømde til David i Ke'ila,
hadde han med seg messehakelen. 7 Saul fekk vita
at David var komen til Ke'ila. Då sagde Saul: «Gud
hev gjeve honom i mi magt, sidan han hev stengt seg
inne i ein by med portar og slåer.» 8 So baud Saul
ut alt folket til strid. Dei skulde draga ned til Ke'ila
og kringsetja David og folket hans. 9 Då no David
fekk vita at Saul lagde meinråder mot honom, sagde
han til presten Abjatar: «Ber hit messehakelen!» 10
Og David sagde: «Herre, Israels Gud! Tenaren din
hev spurt for sant at Saul tenkjer å koma til Ke'ila og
øyda byen for mi skuld. 11 Vil då Ke'ila-buarne gjeva
meg i hans hand? Kjem Saul hit, som tenaren din hev
spurt? Herre, Israels Gud! Lat tenaren din få vissa
for det!» Herren svara: «Ja, han kjem hit.» 12 David
spurde endå ein gong: «Vil Ke'ila-buarne gjeva meg
og kararne mine i Sauls hender?» Herren svara: «Ja,
dei vil det.» 13 Då reis David upp med kararne sine,
um lag seks hundrad mann, og drog ut frå Ke'ila, og
ferdast kvar helst det høvde. Då Saul fekk melding
at David var rømd frå Ke'ila, let han vera å draga
ut. 14 So heldt David seg i øydemarki i fjellborgerne,
og heldt seg millom fjelli i øydemarki Zif. Saul leita
etter honom allstødt. Men Gud gav honom ikkje hans
hand. 15 Medan David var i Hores i øydemarki Zif,
såg han at Saul hadde fare ut og vilde drepa honom.
16 Jonatan Saulsson for av stad og gjekk til David i
Hores, og styrkte modet hans i Gud. 17 Han sagde til
honom: «Ver hugheil! handi hans Saul, far min, skal
ikkje nå deg. Du skal verta konge yver Israel, og eg
skal vera den andre etter deg. Det skyner ogso Saul,
far min.» 18 So gjorde dei båe ei pakt for Herren. Og
David heldt seg i Hores. Men Jonatan for heim att.
19 Nokre Zif-folk drog upp til Saul i Gibea og sagde:
«David held seg løynd hjå oss, i fjellborgerne i Hores,
på Hakilahøgdi, sunnanfor øydemarki. 20 Tekkjest det
deg å draga ned no, konge, so gjer det! Vår sak vert
det då å gjeva honom i kongens hand.» 21 Då sagde
Saul: «Velsigna av Herren vere de, at de tykkjer synd i

meg. 22 Far no heim, og få endå meir vissa! finn ut
og sjå etter kva stad han ferdast, og kven det er som
ser honom der! For dei hev sagt meg at han er ein ful
fant. 23 Finn ut og få greida på alle løynstader, der han
kann løyna seg! Kom so att til meg, når det hev fenge
vissa! so vil eg draga med dykk. Finst han i landet,
skal eg vita å leita honom upp, um eg so skal leita
millom alle Juda-ætterne.» 24 So tok dei ut og gjekk til
Zif fyre Saul. David og kararne hans var i øydemarki
Maon, på heidi sunnanfor øydemarki. 25 Då no Saul
drog av stad med folki sine på leit etter David, fekk
David høyra gjete det, og drog då ned på ein hamar,
og heldt seg i øydemarki Maon. Då Saul frette det,
sette han etter David inn i øydemarki Maon. 26 Saul
gjekk på den eine fjellsida, og David og kararne hans
på hi. Nett som no David gjekk i angest og vilde sleppa
frå Saul, og Saul og folki hans freista ringa David og
kararne hans og fanga deim, 27 so kom det bod til
Saul: «Skunda deg og kom! filistarane hev falle inn i
landet.» 28 So heldt Saul upp med å forfølja David, og
drog mot filistarane. Derav fekk den staden namnet
Sela-Hammahlekot. 29 David drog upp derifrå, og heldt
seg so i fjellborgerne i En-Gedi.

**24** Då Saul kom heim att frå herferdi mot filistarane,
fekk han tiend at David var i øydemarki En-
Gedi. 2 Då tok Saul tri tusund mann, utvalde or heile
Israel, og drog av stad på leit etter David og kararne
hans austum Steinbukk-hamrarne. 3 Han kom til
sauegardarne attmed vegen; der var det ein heller;
og der inn gjekk Saul for seg sjølv. David og kararne
hans sat inst i helleren. 4 Då sagde folki åt David med
honom: «No er dagen komen som Herren nemde med
deg: «Eg vil gjeva uvenen din i handi di, so du kann
gjera med honom etter eige tykkje.»» David reis upp
og skar i løyndom ein snipp av kappa åt Saul. 5 Men
so fekk David samvitsagg, av di han hadde skore av
kappesnippen for Saul. 6 Og han sagde med kararne
sine: «Aldri i verdi vil Herren at eg skal gjera sovore
og leggja hand på herren min som Herren hev salva;
for han er den som Herren hev salva.» 7 David truga
kararne sine med strenge ord og gav deim ikkje lov til
å falla yver Saul. Men då Saul reis upp og gjekk ut or
helleren og skulde fara lenger, 8 då reis David og upp,
gjekk ut or helleren og ropa etter Saul: «Herre konge!»
Då Saul såg seg attende, kasta David seg å gruve
på jordi. Han bøygde seg, 9 og ropa til Saul: «Kvi
høyrer du på det folk segjer, at David lurar på eitkvart
ilt mot deg? 10 Med eigne augo hev du set i dag kor eg
sparde deg, endå Herren hadde gjeve deg i mi hand i
helleren, og dei rådde meg til å drepa deg. Men eg
sparde deg, med di eg tenkte: «Ikkje vil eg leggja hand
på herren min; for han er den Herren salva.» 11 Sjå
sjølv, far! ja sjå her snippen av kappa di i mi hand! Når
eg skar av kappesnippen og ikkje drap deg, so må du
då skyna og sjå at eg ikkje etlar deg noko ilt eller noko
brot, og at eg ikkje hev gjort synd mot deg, endå du
sit etter meg og vil taka livet av meg. 12 Herren skal
døma oss imillom, og Herren skal hemna meg på deg.
Men mi hand skal ikkje vera lyft mot deg. 13 Det er
som det gamle ordtøket segjer: «Frå dei vonde kjem
vondskap.» Men mi hand skal ikkje vera lyft mot deg.
14 Kven er det Israels konge hev drege ut imot? Kven
er det du forfylgjer? Ein daud hund! ei einsleg loppa!
15 Herren skal vera domar og døma oss imillom. Han
skal sjå til og føra mi sak, ja døma meg fri frå deg.» 16
Då David hadde tala ut med Saul, ropa Saul til David:
«Er det di røyst dette, David, son min?» Og Saul sette
i og gret. 17 Og han sagde til David: «Retten er på di
sida og ikkje på mi. Du hev gjort godt mot meg, medan
eg hev gjort ilt mot deg. 18 I dag hev du synt kor god
du er mot meg, med di du ikkje drap meg, endå Herren
hadde gjeve meg i di hand. 19 Når ein råkar uvenen
sin, plar ein då lata honom fara i fred? Herren gjeva
deg lika for det gode du synte meg i dag! 20 Sjå no
skynar eg at du skal verta konge, og at kongedømet
yver Israel skal vera fast i di hand. 21 Men gjer no eid
ved Herren at du ikkje vil rydja ut mi ætt etter meg
og ikkje strjuka ut namnet mitt or ætti mi!» 22 David
gjorde den eiden til Saul. So for Saul heim. David og
kararne hans drog upp i fjellborgi.

**25** Samuel døydde. Heile Israel kom i hop og gret
yver honom. Dei gravlagde honom heime i Rama.
David braut upp og drog ned til øydemarki Paran. 2 I
Maon var det ein mann som hadde buskapen sin på
Karmel. Den mannen var ovleg rik; han åtte tri tusund
sauer og tusund geiter. Han heldt på nett då å klyppa
sauerne sine på Karmel. 3 Nabal heitte mannen, og
kona hans heitte Abiga'il. Kona hans var både vitug
og væn; men mannen var hardlyndt og vondlyndt.
Han var av Kalebs-ætti. 4 Då no David høyrde gjete
i øydemarki at Nabal heldt på å klyppa sauerne, 5
sende han ti av sveinar med den ordsendingi: «Far
upp til Karmel! Gakk til Nabal og helsa honom frå
meg: 6 «Heil og sæl!» skal det segja, «og fred med
deg sjølv! fred med ditt hus! og fred med alt det du
eig! 7 Eg hev spurt at du held på med saueklypping.
No er det so at hyrdingarne dine hev halde seg i vårt
grannelag, og me hev ikkje gjenge deim for nær, og
dei hev ikkje sakna noko slag heile den tidi dei hev
vore på Karmel. 8 Spør tenarane dine, so vil dei sjølve
segja deg det. Syn no godvilje mot sveinarne mine! Du
veit me hev kome hit i ei god stund. Gjev tenarane
dine og David, son din, det du hev for handi!»» 9 Då
sveinarne åt David kom dit, tala dei til Nabal i Davids

namn og sagde som han hadde bode deim; og so
tagde deim og gav tol. **10** Nabal svara tenarane åt
David: «Kven er David? Kven er Isaisonen? No um
dagen stryk det so mange tenarar frå husbondsfolki
sine. **11** Skulde eg taka min mat og min drykk og slagt,
som eg hev etla åt saueklypparane mine, og gjeva
åt folk som eg ikkje veit kvar dei høyrer heime?» **12**
Sveinarne åt David vende då um og gjekk sin veg. Då
dei kom attende, melde dei honom alt dette. **13** Då
baud David: «Alle mann spenner sverdet um seg!» Og
alle so gjorde. David sjølv spente og sverdet um seg.
Um lag fire hundrad mann fylgde David upp; dei hine
tvo hundrad mann heldt seg attmed tyet. **14** Men ein
av drengjerne hadde meldt det til Abiga'il, kona hans
Nabal: «David sende bod hit frå øydemarki og helsa
husbond; men han hylja deim yver. **15** Men desse
kararne hev gjort oss mykje gagn. Ikkje hev dei gjenge
oss for nær, og aldri hev me sakna noko heile den tidi
me ferdast i lag med deim der ute på marki. **16** Dei
var ein mur ikring oss natt og dag, heile tidi me heldt
oss i deira grannelag og gjætte småfeet. **17** Tenk difor
yver, og finn på eitkvart! for det heng ei ulukka yver
husbond og heile huset hans; han er slik ei uvyrda, at
ingen vågar tala til honom.» **18** Då skunda Abiga'il
seg og tok tvo hundrad brød, tvo vinhitar, fem tillaga
sauer, ti settungar steikte aks, hundrad rosinkakor og
tvo hundrad fikekakor, og klyvja på asni. **19** Og ho
sagde til drengjerne: «Far i fyrevegen! Sjå eg kjem
etter.» Men med Nabal, mannen sin, gat ho det ikkje.
**20** Då ho reid på asnet sitt og kom ned i livd av fjellet,
fekk ho sjå David og kararne hans koma ned frå hi
sida, so ho måtte møta deim. **21** David hadde sagt:
«Til fåfengs hev eg verna um alt det den mannen åtte i
øydemarki, so ingen ting vanta av all eigedomen hans.
Og han gjev meg vondt i vederlag for godt. **22** So sant
Gud må lata uvenerne åt David bøta no og sidan - av
alle deim som høyrer honom til, let ikkje eit einaste
karmannsemne liva til dagsprett i morgon.» **23** Då no
Abiga'il fekk sjå David, steig ho straks ned frå asnet,
fall å gruve for David og bøygde seg mot jordi. **24** Ho
fall ned for føterne hans og sagde: «Mi er skuldi, herre!
Men lat terna di få tala med deg! og høyr på ordi åt
terna di! **25** Ikkje må du bry deg um Nabal, den uvyrda.
Det namnet hans tyder, det er han; dåre heiter han, og
dårskap hyser han. Men eg, terna di, eg hev ikkje set
dei sveinarne du sende, herre! **26** Og no, herre! so
sant som Herren liver, og so sant du sjølv liver, og
Herren hev meinka deg frå blodskuld og sjølvtekt -
gjev det må ganga med uvenerne dine og alle som
lurer på å gjera deg mein, like eins som det gjeng med
Nabal! **27** Lat no desse gåvor, som terna di hev ført
med til deg, verta utskifte millom dei sveinarne som
fylgjer deg! **28** Herre, tilgjev terna di det ho hev synda!
Herren skal visseleg byggja upp åt deg, herre, eit hus
som vert standande. For du herre, fører striden for
Herren. Inkje vondt hev dei funne hjå deg heile ditt
liv. **29** Ris det upp nokon og forfylgjer deg og vil taka
livet av deg, gjev so ditt liv, herre, må vera bunde i
bundelen av dei livande hjå Herren, din Gud! Men livet
åt uvenerne dine skal han leggja i slyngja, og slengja
burt. **30** Når Herren gjer med deg, herre, alt det gode
han hev lova deg, og set deg til fyrste yver Israel, **31** so
skal ikkje dette verta til støytestein eller til samvitsagg
for deg, herre, at du hev rent ut skuldlaust blod, og at
du, herre, hev teke deg sjølv til rettes. Men når Herren
gjer godt med deg, herre, so kom i hug terna di!» **32**
Då svara David Abiga'il: «Lova vere Herren, Israels
Gud, som i dag hev sendt deg til møtes med meg!
**33** Velsigna vere vitet ditt! og velsigna vere du sjølv,
som i dag meinkar meg i blodskuld og sjølvtekt. **34**
Men so sant Herren, Israels Gud, liver, han som hev
halde meg frå å gjera deg noko mein - hadde du ikkje
straks møtt meg, so vilde ikkje karmannsemne vore
att i huset hans Nabal ved solarkoma i morgon.» **35**
David tok då imot av henne det ho førde med seg til
honom. Og han sagde med henne: «Far heim att i
fred! Sjå, eg hev lydt dine ord og gjort som du bad.»
**36** Då no Abiga'il kom heim til Nabal, heldt han nett
gilde heime. Det var som eit kongsgilde. Og Nabal
var lystig og fjåg, og han var ovdrukken. Difor gat ho
ikkje det minste med honom, fyrr um morgonen ved
dagsprett. **37** Men morgonen etter, då Nabal hadde
sove ut ruset, fortalde kona hans det som var hendt.
Då lamdest hjarta hans i bringa, og han vart som ein
stein. **38** Kring ti dagar etter slo Herren Nabal, og han
døydde. **39** Då David spurde at Nabal var dåen, sagde
han: «Lova vere Herren som hev hemnt på Nabal den
svivyrding han synte meg, og som meinka tenaren sin
frå å gjera vondt, med di Herren let vondskapen hjå
Nabal koma att på hans eige hovud!» David sende
bod og bela til Abiga'il og vilde hava henne til kona. **40**
Då tenarane åt David kom til Abiga'il på Karmel, bar
dei fram målemnet sitt: «David hev sendt oss for å
bela til deg for honom.» **41** Då reis ho upp og å fall å
gruve til jordi og sagde: «Sjå, terna di er viljug til å vera
ei trælkvinna som tvær føterne åt tenarane til herren
min.» **42** So skunda Abiga'il seg, reis upp og sette seg
på asnet; like eins dei fem ternorne hennar som var
fylgjet hennar. So fylgde ho med sendemennerne til
David. Og ho vart kona hans. **43** David hadde dessutan
teke til kona Ahinoam frå Jizre'el, so både desse tvo
vart konorne hans. **44** Men Saul hadde gjeve Mikal,
dotter si, kona hans David, åt Palti La'isson frå Gallim.

**26** Folk frå Zif kom til Saul i Gibea og sagde: «Meiner
du ikkje David held seg løynd på Hakilahøgdi,
beint imot øydemarki!» **2** Saul tok på veg ned til
øydemarki Zif med tri tusund mann, utvalde or Israel,
på leit etter David i Zifmarki. **3** Saul lægra seg på
Hakilahøgdi beint imot øydemarki, attmed vegen. David
heldt seg då i øydemarki. Då han skyna at Saul var
komen etter honom inn i øydemarki, **4** sende han ut
njosnarar, og fekk vita for visst at Saul var komen. **5** So
braut David upp og drog til den staden der Saul hadde
lægra seg. David såg staden der Saul låg saman med
herhovdingen, Abner Nersson. Saul låg i vognborgi, og
folket hans var lægra rundt ikring honom. **6** David tok til
ords og spurde hetiten Ahimelek og Abisai Serujason,
bror åt Joab: «Kven vil ganga med meg ned til Saul
i lægret?» Abisai svara: «Eg gjeng med deg.» **7** So
kom David og Abisai nattars tid til herfolket der, og
såg Saul låg og sov i vognborgi; med spjotet stunge i
marki attmed hovudgjerdi. Abner og herfolket låg rundt
ikring honom. **8** Då sagde Abisai til David: «I dag hev
Gud gjeve uvenen din i di hand! Lat meg no få renna
spjotet gjenom honom ned i marki! Det gjer eg med
ein einaste støyt, eg tarv ikkje gjeva honom fleire.» **9**
Men David svara: «Du fær ikkje gjeva honom mein!
Kven hev strafflaust lagt hand på den Herren salva?»
**10** «So sant Herren liver, » sagde David, «Herren lyt
sjølv slå honom, eller avferdsdagen hans må koma på
vanleg vis, eller han lyt få sin bane i krigen. **11** Aldri i
verdi vil Herren at eg skal leggja hand på den Herren
hev salva. Tak likevel spjotet attmed hovudgjerdi, og
vatskrukka! Lat oss so ganga vår veg!» **12** David tok
då spjotet og vatskrukka frå hovudgjerdi åt Saul, og so
gjekk dei sin veg. Det var ingen som gådde og ingen
som hådde, og ingen som vakna: Dei sov alle i hop.
Herren hadde late ein tung svevn falla yver deim. **13**
Då David var komen på hi sida, steig han fram på ein
fjellknaus langt burte, so det var langt imillom deim.
**14** Og David ropa til herfolket og til Abner Nersson:
«Vil du ikkje svara, Abner?» Abner svara: «Kven er du
som ropar til kongen?» **15** David ropa til Abner: «Du er
då ein makelaus kar! I heile Israel finst ikkje maken!
Korleis vaktar du kongen, din herre? Det hev vore
einkvan inne og vilja gjera mein på kongen, herren din.
**16** Det er ikkje vel gjort, det som du hev gjort. So sant
Herren liver, de hadde fortent å lata livet, av di de ikkje
hev vakt yver herren dykkar, honom som Herren salva.
Sjå no etter: kvar er kongens spjot, og vatskrukka som
stod attmed hovudgjerdi hans?» **17** Saul kjende att
røysti hans David og sagde: «Det er då di røyst dette,
David, son min!» David svara: «Ja, herre konge!» **18**
Og han sagde: «Kvifor forfylgjer du, herre, tenaren din
soleis? Kva hev eg då gjort? Kva vondt finst hjå meg?
**19** Gjev du, herre konge, no vil høyra på tenaren din: Er
det Herren som hev eggja deg imot meg, so lat honom
få kjenna lukti av ei offergåva! Men er det manneborn
som hev eggja deg, so vere dei bannstøytte av Herren,
av di dei hev jaga meg burt, so eg no ikkje slå lag med
Herrens eigen lyd! Det er som dei vil segja: «Far av og
ten framande gudar!» **20** Og må ikkje no blodet mitt
renna ut på marki langt frå Herrens åsyn, når Israels-
kongen dreg ut på leit etter ei einsleg loppa, liksom ein
veidar rapphøns på heiderne?» **21** Då sagde Saul:
«Eg hev synda. Kom heim att, David, son min! Eg vil
ikkje gjera deg noko ilt, etter du i dag hev halde livet
mitt so dyrt. Sjå, eg hev fare uvisleg, eg hev bore meg
reint gale åt.» **22** David svara og sagde: «Sjå her er
spjotet, konge! Lat ein av sveinarne dine koma hit og
henta det! **23** Og Herren skal løna kvar ein som er
ærleg og trufast, soleis som eg var i dag; då Herren
gav deg i mi hand og eg vilde ikkje leggja hand på den
som Herren hev salva. **24** Difor: liksom eg hev halde
ditt liv so høgt i dag, so skal Herren og halda mitt liv
høgt, og han skal fria meg ut or all naud.» **25** Saul
sagde med David: «Velsigna vere du, David, son min!
Det du tek deg fyre, skal du ogso sanneleg magtast
gjera.» So for David sin veg, og Saul drog heim att.

**27** Men David sagde med seg sjølv: «Ein dag stupar
eg for Sauls hand. Eg veit ingen annan utveg enn
å røma til Filistarlandet; då lyt Saul slutta å leita etter
meg innanfor Israelslandskilet; og so bergar eg meg
undan honom.» **2** So braut David upp og drog med
dei seks hundrad kararne sine yver til Akis Maoksson,
kongen i Gat. **3** Og David heldt seg hjå Akis i Gat, han
og kararne hans, alle med huslyden sin, David med
dei tvo konorne sine; Ahinoam frå Jizre'el og Abiga'il,
kona hans Nabal frå Karmel. **4** Då Saul frette at David
hadde rømt til Gat, leita han ikkje meir etter honom. **5**
David sagde til Akis: «Hev du aldri so liten godvilje
for meg, so lat meg få bu i ein av landsbyarne, so
eg kann halda meg der. Kvifor skulde tenaren din bu
i hovudstaden hjå deg?» **6** Akis gav honom Siklag
same dagen. Difor høyrer Siklag den dag i dag til
Juda-kongarne. **7** Den tid David budde i Filistarlandet,
var i alt eitt år og fire månader. **8** David tok ut med
kararne sine og gjorde herjeferder hjå gesuritarne,
girzitarne og amalekitarne. For desse folkeætterne
budde der i landet frå gamalt, burtimot Sur og heilt til
Egyptarland. **9** Og når David herja i landet, sparde
han korkje kar eller kvende; han tok bufe og smale og
asen og kamelar og klæde. Og dermed snudde han
attende til Akis. **10** Når då Akis spurde: «I dag hev de
vel ikkje gjort nokor herjeferd?» so svara David: «Jau,
sør i Judalandet, » eller: «Sør i Jerahme'eitlandet»,

eller: «Sør i Kenitarlandet.» 11 Ingi livande sjæl sparde
David, so dei kunde koma til Gat. For han tenkte:
«Dei kunde slarva um oss og segja: «Det og det hev
David gjort; soleis hev han fare åt heile tidi han budde
i Filistarlandet.»» 12 Men Akis trudde David, og tenkte:
«Han hev fenge uord på seg hjå Israel, folket sitt, og
no vil han tena meg alle dager.»

**28** I dei dagarne fylkte filistarane krigsherane sine
til strid mot Israel. Og Akis sagde med David:
«Det skal du vita for visst, at du og kararne dine lyt
fara i herferd med meg!» 2 David svara Akis: «Ja
vel, då skal du ogso røyna kva tenaren din duger
til!» Akis sagde med David: «Ja vel, so set eg deg
til livvakt hjå meg alle dagar.» 3 Samuel var dåen.
Heile Israel hadde gråte yver honom. Og dei hadde
gravlagt honom heime i Rama. Og Saul hadde rudt ut
or landet deim som mana fram draugar og spåvette.
4 Filistarane fylgte seg og lagde seg i læger attmed
Sunem. Då fylkte ogso Saul heile Israel, og dei lægra
seg ved Gilboa. 5 Då Saul såg filistarlægret, vart han
so rædd at hjarta hans skalv. 6 Og Saul spurde Herren.
Men Herren svara honom ikkje, antan gjenom draumar
eller gjenom urim eller gjenom profetar. 7 Då sagde
Saul med tenarane sine: «Leita upp for meg ei som
manar fram draugar, so gjeng eg åt henne og gjer
spursmål til henne.» Tenarane svara: «I En-Dor er ei
kona som manar fram draugar.» 8 Saul gjorde seg
ukjenneleg, tok på seg andre klæde, og gjekk avstad
med tvo fylgjesveinar. Dei kom til kona nattars tid. Og
han sagde: «Få ein draug til å spå meg! Mana fram
åt meg den eg nemner for deg!» 9 Kona svara: «Du
veit då sjølv kva Saul hev gjort, at han hev rudt ut or
landet deim som manar fram draugar og spåvette.
Kvifor vil du då leggja ut snaror for meg, so eg må
lata livet?» 10 Saul svor ein eid til henne ved Herren
og sagde: «So sant Herren liver: ingi skuld skal råka
deg for denne saki!» 11 Kona spurde: «Kven vil du
eg skal mana for deg?» Han svara: «Mana fram åt
meg Samuel!» 12 Då kona fekk sjå Samuel, sette ho
i eit høgt skrik. Og ho sagde med Saul: «Kvifor hev
du svike meg? Du er Saul!» 13 Kongen svara: «Ver
hugheil! Kva er det du ser?» Kona sagde: «Eg ser
ein gud koma upp or jordi.» 14 «Korleis ser han ut?»
spurde han. Ho svara: «Det er ein gamall mann som
kjem upp, sveipt i ei kåpa.» Då skyna Saul det var
Samuel, og lutte andlitet mot jordi og bøygde seg for
honom. 15 Og Samuel spurde Saul: «Kvi uroar du meg
og manar meg fram?» Saul svara: «Eg er i stor naud.
Filistarane fører krig mot meg, og Gud hev vike frå
meg og svarar meg ikkje, anten gjenom profetar eller
gjenom draumar. Difor kalla eg på deg, so eg fær vita
kva eg skal gjera.» 16 Samuel svara: «Kvi spør du
meg, når Herren hev vike frå deg og hev vorte uvenen
din? 17 Herren hev no gjort med deg som han sagde
gjenom min munn: Herren hev rive riket ut or di hand
og gjeve det åt ein annan, åt David. 18 Av di du ikkje
lydde Herren og ikkje let den brennande harmen hans
råka Amalek, difor hev Herren gjort dette mot deg no.
19 Herren vil gjeva både deg og Israel i filistarmagt. I
morgon skal du og sønerne dine vera hjå meg. Og
jamvel Israels-lægret vil Herren gjeva i filistarmagt.» 20
Då datt Saul brått til jordi so lang han var; so forfærd
vart han for ordi frå Samuel. Magtløysa tok honom;
for han hadde ikkje smaka matbiten eit heilt døger.
21 Kona gjekk fram åt Saul. Og då ho såg kor reint
forstøkt han var, sagde ho med honom: «Sjå terna di
lydde deg, og eg våga livet og rette meg etter dei ordi
du tala åt meg. 22 So lyd no du terna di, so vil eg setja
fram litevetta mat åt deg, og du må eta, so du kann
magtast att fyrr du fer din veg.» 23 Han vilde ikkje: «Eg
vil ikkje eta», sagde han. Men då både tenarane og
kona naubad honom, so let han seg segja, reis upp,
og sette seg på sengi. 24 Kona hadde ein gjødkalv
heime. Ho skunda seg, fekk slagta honom. So tok ho
mjøl, knoda og baka søtebrød. 25 So bar ho det fram
for Saul og tenarane. Og då dei hadde ete, reis dei
upp, og gjekk av stad same natti.

**29** Filistarane fylkte alle herarne sine i Afek. Israel låg
i læger attmed kjelda i Jizre'el. 2 Filistarfyrstarne
gjekk fram med sine hundrad mann og sine tusund.
Og David og kararne hans kom attarst, i lag med Akis.
3 Filistarfyrstarne spurde: «Kva hev desse hebræarane
her å gjera?» Akis svara: «De veit då at David som var
hirdmann hjå Saul, Israels-kongen, han hev vore hjå
meg år og dag, og eg hev aldri funne nokon ting å
segja på honom frå den stund han vart min mann og til
i dag.» 4 Men filistarfyrstarne vart forarga på honom,
og dei sagde ifrå til honom: «Send den karen heim att!
Lat honom halda seg på den staden du hev sett honom
yver! Lat honom ikkje fara i strid saman med oss!
Midt i slaget kann han venda seg mot oss. Kor kunde
han betre vinna att godviljen hjå herren sin, enn med
hovudi av hermennerne våre? 5 Er det ikkje til æra for
denne David at dei syng med dei dansar: «Tusund
tynte Saul men David tie tusund»?» 6 Då kalla Akis
David til seg og sagde: «So sant Herren liver: Du er
ein ærleg kar! og eg likar godt å sjå deg ganga ut og
inn hjå meg i lægret. For eg hev inkje vondt funne hjå
deg frå den stund du kom til meg og heilt til no. Men
fyrstarne likar deg ikkje. 7 So far heim att i fred, so du
ikkje skal gjera noko som filistarfyrstarne mislikar.» 8
David sagde med Akis: «Kva hev eg då gjort? og kva

hev du funne å segja på tenaren din frå den dagen eg
kom fram for deg og heilt til i dag, etter som du negtar
meg å ganga i strid mot uvenerne dine, herre konge?»
9 Akis svara: «Eg veit best sjølv at eg held deg som
ein gudsengel! Men filistarfyrstarne stend på sitt: han
fær ikkje vera med oss i striden. 10 Ris no tidleg upp i
morgon, du og tenarane åt herren din som er komne
med deg; og når det de hev gjort, so far dykkar veg so
snart det ljosnar!» 11 David og kararne hans reis då
upp tidleg, for sin veg um morgonen, og kom heim att
til Filistarlandet. Men filistarane drog upp til Jizre'el.

30 Då no David og kararne hans kom til Siklag tridje
dagen, hadde amalekitarne gjort ei herjeferd i
Sudlandet og i Siklag, hadde teke Siklag og sett eld
på byen. 2 Kvendi der i byen hadde dei rana, både
store små, og drege av med deim. Dei hadde ikkje
drepe nokon, berre teke deim med seg, og fare sin
veg. 3 Då David og kararne hans kom til byen og fekk
sjå at han var brend, og fekk høyre at konorne og
sønerne og døtterne deira var rana og burtførde, 4
då sette dei i og gret, både David og folki som var
med honom. Dei gret so lenge til dei ikkje orka gråta
meir. 5 Dei tvo konorne åt David var og rana, Ahinoam
frå Jizre'el og Abiga'il, kona åt Nabal frå Karmel, var
og hertekne. 6 David kom i stor knipa; folki hans tala
frampå um å steina honom, so beiskeleg innharme
var dei alle i hop for tapet av sønerne og døtterne
sine. Men David henta styrke hjå Herren, sin Gud. 7
David baud presten Abjatar Ahimeleksson: «Kom hit
med messehakelen!» Abjatar kom fram til David med
messehakelen. 8 David spurde so Herren: «Skal eg
setja etter desse ransmennerne? Kann eg nå deim
att?» Han fekk til svar: «Gjer det! Nå deim kann du!
Berga kann du!» 9 So lagde David i veg med dei seks
hundrad kararne sine. Dei kom til bekken Besor. Der
stogga dei som laut vera etter. 10 David heldt fram
med fire hundrad mann. Tvo hundrad mann stogga og
gjekk ikkje yver Besorbekken; dei var for trøytte. 11 Dei
fann ein egyptar liggjande ute på marki, og dei henta
honom til David. Og då dei hadde gjeve honom mat å
eta og vatn å drikka; 12 og han fekk eit stykke fikekaka
og tvo rosinkakor å eta, livna han til; for han hadde
ikkje smaka anten vått eller turt i tri heile døger. 13
David spurde honom: «Kven høyrer du til, og kvar er
du frå?» Han svara: «Ein egyptarsvein er eg, trøl hjå
ein amalekit. Husbond for frå meg i fyrrdags, av di eg
var sjuk. 14 Me hadde gjort ei herjeferd i Sudlandet og
den luten som høyrer til kretarane og den som høyrer
til Juda og den som Kaleb åtte, og Siklag hev me
brent.» 15 David spurde: «Vil du syna oss veg til desse
ransmennerne?» Han svara: «Gjer eid ved Gud at du
ikkje drep meg eller gjev meg i henderne på herren
min, so skal eg syna deg vegen til ransmennerne.»
16 Han synte deim veg, og dei kom yver deim med
dei låg utyver marki og åt og drakk og gama seg med
det store herfanget dei hadde teke i Filistarlandet og
Judalandet. 17 David hogg deim ned, og heldt på frå
skumingi den eine dagen til kvelden den andre dagen.
Og ingi livande sjæl berga seg undan, so nær som fire
hundrad unggutar, som sette seg på kamelarne og
rømde. 18 So berga David alt det amalekitarne hadde
teke. Dei tvo konorne sine berga han og. 19 Dei sakna
ingen anten liten eller stor, søner eller døtter, ikkje
noko av herfanget dessmeir eller noko av alt det dei
hadde rana med seg; David førde heim att alt i hop. 20
David tok alle krøteri, bufe og smale, og førde fyre
den andre buskapen og sagde: «Dette er herfanget åt
David!» 21 Då David kom til dei tvo hundrad mann som
hadde vore for trøytte til å fylgja, og som difor stogga
attmed Besorbekken, gjekk dei til møtes med David
og fylgjesveinarne hans. Og David gjekk burtåt folki
og helsa deim. 22 Alle illmenni og uvyrderne millom
fylgjesveinarne åt David tok til ords og sagde: «Etter
di desse ikkje fylgde oss, fær dei ingen ting av det
herfanget me berga. Einast kona og borni kann kvar
taka med seg heim.» 23 Men David svara: «Far ikkje
soleis, brørne mine, med det som Herren gav oss! Han
hev verna oss, og let oss vinna yver ransmennerne
som kom yver oss. 24 Kven vil lyda dykk i dette? Dei
som fer i striden, og dei som er att og vaktar tyet, skal
hava jamstor lut! Luterne skal skiftast likt!». 25 Soleis
stod det ved lag frå den dagen og alle dagar. Han
gjorde det til lov og rett i Israel som gjeld den dag i
dag. 26 Då so David kom til Siklag, sende han noko av
herfanget til dei øvste i Juda, til venerne sine, med dei
ordi: «Her er ei gåva åt dykk av herfanget frå Herrens
uvener!» - 27 Til dei øvste i Betel, i Ramot i Sudlandet
og i Jattir, 28 i Aroer, i Sifmot, i Estemoa, 29 i Rakal og
i jerahme'elit-byarne og kenitarbyarne, 30 i Horma, i
Bor-Asan, i Atak, 31 i Hebron, og alle dei staderne der
David hadde ferdast med kararne sine.

31 Filistarane gjekk på i striden mot Israel. Israels-
mennerne rømde undan for filistarane, og det låg
mange falne på Gilboafjellet. 2 Filistarane sette etter
Saul og sønerne hans. Og filistarane felte Jonatan,
Abinadab og Malkisua, Sauls-sønerne. 3 Saul sjølv
kom upp i ein hard strid. Og nokre bogeskyttarar råka
innpå honom. Saul vreid seg i rædsla for skyttarane.
4 Og han baud våpnsveinen sin: «Drag sverdet ditt,
og støyt det gjenom meg, so ikkje desse u-umskorne
skal koma og drepa meg, og skamfara meg!» Men
våpnsveinen vilde ikkje; han var altfor rædd. Då
tok Saul sverdet sjølv og stupte seg på det. 5 Då

våpnsveinen såg Saul var dåen, stupte han seg ogso
på sitt sverd og fylgde honom i dauden. **6** Den dagen
fall dei alle i hop, Saul og dei tri sønerne hans og
våpnsveinen, og sameleis alle mennerne hans. **7**
Og då Israels-mennerne på hi sida dalen og på hi
sida Jordan gådde at Israels-mennerne hadde rømt,
og at Saul og sønerne hans var falne, so rømde
dei ut or byarne sine; og filistarane kom og busette
seg der. **8** Dagen etter kom filistarane og plundra
liki. Dei fann Saul og dei tri sønerne hans liggjande
på Gilboafjellet. **9** Dei hogg hovudet av honom, og
rana våpni hans og sende rundt i Filistarlandet, og
let forkynna fagnadbodet i templi åt avgudarne sine
og millom folket. **10** Dei lagde våpni hans i Astarte-
templet; og liket hans hengde dei upp på bymuren i
Bet-San. **11** Då folket i Jabes i Gilead høyrde gjete det
filistarane hadde gjort med Saul, **12** tok dei i veg, alle
våpnføre karar, gjekk heile natti, tok ned frå muren i
Bet-San Sauls lik og liki av sønerne hans, for so til
Jabes og brende liki der. **13** So tok dei og grov beini
deira ned under tamariska i Jabes og heldt fasta i sju
dagar.

# 2 Samuel

**1** Saul var dåen, og David var attkomen frå sigeren
yver Amalek og hadde halde seg i Siklag tvo dagar.
**2** Då hende det seg tridje dagen at han fekk sjå ein
mann kom springande frå Sauls-lægret med sundrivne
klæde og mold på hovudet. Då han kom burtåt David,
fall han å gruve til jordi. **3** David spurde honom:
«Kvar kjem du ifrå?» Han svara: «Eg hev kome meg
undan frå Israels-lægret.» **4** «Kor hev det gjenge?»
spurde David, «seg meg det!» Han svara: «Folket
rømde frå striden, mange av herfolket fall og døydde;
Saul og Jonatan, son hans, er døydde og.» **5** David
spurde sveinen som kom med tidendi: «Kor veit du at
Saul og Jonatan, son hans, er daude?» **6** Då svara
tidendsveinen: «Av eit hende høvde eg til å koma upp
på Gilboafjellet og fekk sjå Saul studde seg til spjotet
sitt, medan stridsvognerne og hestfolket sette inn på
honom. **7** Han vende seg og såg meg, og ropte på
meg, og eg svara ja; **8** Han spurde meg kven eg var;
eg svara eg var ein amalekit. **9** So bad han meg: «Kom
hit og drep meg! eg hev fenge baneridi, alt med det
endå er liv i meg.» **10** Eg gjekk då fram og gav honom
banestyngen. Eg skyna han kunde ikkje liva når han
stupte. Eg tok so hovudgullet og ein armring av honom
og bar hit til deg, herre!» **11** Då tok David og reiv sund
klædi sine. Sameleis gjorde alle fylgjesveinarne hans.
**12** Dei øya og gret og fasta alt til kvelden, for di Saul
og Jonatan, son hans, og Herrens folk og Israels ætt
hadde falle for sverd. **13** David spurde tiendsveinen:
«Kvar er du ifrå?» Han svara: «Framandmanns son,
amalekit er eg.» **14** Då sagde David med honom: «Kor
våga du leggja hand på den som Herren hev salva, og
drepe honom?» **15** Og David ropa på ein av sveinarne
sine og sagde: «Hit, og hogg honom ned!» Og han gav
honom banehogg. **16** «Ditt blod kome yver ditt hovud,
» sagde David; «din eigen munn vitna mot deg då
du sagde: «Eg hev drepe honom som Herren hadde
salva.»» **17** David kvad eit syrgjekvæde yver Saul og
Jonatan, son hans **18** han baud dei skulde læra Juda-
borni «Kvædet um bogen», det finst uppskrive i boki åt
den rettvise: **19** Israels prydnad! drepen ligg du på
haugarne dine! Ai ei! falne er kjemporne dine! **20** Gjet
det ikkje i Gat! Lat deim ikkje gleda seg i Askalons-
gatorne, so ikkje filistardøtter skal frygda seg og døtter
av u-umskorne fegnast! **21** Og Gilboafjell! gjev dogg
og regn ei må falla på dykk! og ingen åke gro med
offergåvor! Der kasta kjemporne skjoldarne frå seg.
Skjolden åt Saul - aldri med olje han meir vert smurd!
**22** Av bøygde aldri Jonatans boge frå blod åt falne,
frå feitta åt kjempor. Og aldri kom sverdet hans Saul
kom att med ugjort! **23** Saul og Jonatan, elska og
ljuvlege, uskiljande både i liv og daude! snøggare var
dei enn ørnar, sterkare var dei enn løvor. **24** Israels
døtter! Gråt for Saul, han som klædde dykk i yndeleg
skarlak, han som prydde med gull dykkar klæde! **25** Ai
ei! kjemporne fall i striden! Jonatan, drepen ligg han
på haugarne dine! **26** Sårt eg deg syrgjer, Jonatan,
bror min! Utifrå yndeleg var du for meg. Kjærleiken din
kjærare var meg enn kvende-elsk. **27** Ai ei! at kjempor
fall, og båe strids-sverdi øyddest!

**2** Sidan spurde David Herren: «Skal eg draga upp
til ein av byarne i Juda?» Herren svara ja. «Kvar
helst?» spurde David. Herren svara: «Til Hebron.» **2**
So drog David dit med båe konorne sine, Ahinoam frå
Jizre'el og Abiga'il, kona åt Nabal frå Karmel. **3** David
førde ogso fylgjesveinarne sine dit upp med huslydarne
sine; og dei busette seg i byarne kringum Hebron. **4**
Då kom Juda-folket dit og salva David til konge yver
Juda-ætti. Då David fekk høyra at det var folket i Jabes
i Gilead som hadde gravlagt Saul, **5** sende han bod til
folket i Jabes i Gilead og sagde til deim: «Velsigna av
Herren vere de som gjorde denne sælebotstenesta
mot Saul, herren dykkar, at det gravlagde honom. **6** So
vise då Herren dykk kjærleik og truskap! Sjølv vil eg
løna dykk vel for de gode de gjorde. **7** Ver då urædde,
og dugande karar! Saul, herren dykkar, er dåen; men
meg hev Juda-ætti salva til konge yver seg.» **8** Abner
Nersson, herhovdingen åt Saul, tok Isboset Saulsson
og førde honom yver til Mahanajim, **9** og gjorde honom
til konge yver Gilead, yver asuritarne og Jizre'el, yver
Efraim, yver Benjamin, og yver heile Israel. **10** Isboset
Saulsson var fyrti år gamall då han vart konge yver
Israel, og han var konge i tvo år. Einast Juda-ætti
fylgde David. **11** Og den tidi David var konge i Hebron
yver Juda-ætti, var sju år og seks månader. **12** Abner
Nersson drog ut frå Mahanajim til Gibeon med folket åt
Isboset Saulsson. **13** Joab Serujason og Davids folk
drog ut dei og. Og dei møttest ved Gibeontjørni. Der
stogga dei på kvar si sida av tjørni. **14** Abner sagde
til Joab: «Lat nokre av sveinarne våre koma fram og
halda våpnleik for oss!» «Ja vel, » svara Joab. **15** Dei
kom og møtte fram like mange i tal: tolv av Benjamin
for Isboset Saulsson, og tolv av Davids folk. **16** Dei
treiv kvarandre kring hovudet, og rende sverdi i sida
på kvarandre, so dei fall alle i hop. Difor heitar den
staden Sverdåkeren; han ligg attmed Gibeon. **17** Då
vart det ein ovhard strid den dagen. Abner og Israels-
mennerne vart slegne av Davids folk. **18** Tri søner
av Seruja var med i striden: Joab, Ahisai og Asael.
Asael var lettføtt som ei hind i heidi. **19** Og Asael
forfylgde Abner, og veik korkje til høgre eller vinstre frå
Abner. **20** Abner vende seg og sagde: «Er du Asael?»

Han svara ja. 21 Abner sagde til honom: «Vend deg
ei onnor leid, til høgre eller til vinstre! Tak på ein av
sveinarne, og freista taka våpni hans!» Men Asael
vilde ikkje slutta å elta honom. 22 Abner heldt endå
fram og ropa til Asael: «Lat meg vera! elles lyt eg
slå deg til jordi; og korleis skal eg då sjå Joab, bror
din, i augo?» 23 Men han vilde ikkje slutta. Og so
støytte Abner bakenden av spjotet inn i magen hans,
so spjotet gjekk ut gjenom ryggen. Og det vart hans
bane. Alle stogga når dei kom dit Asael fall og døydde.
24 Joab og Abisai forfylgde Abner. Men då soli gladde,
var dei komne til Ammahaugen, beint imot Giah, på
vegen til Gibeons-øydemarki. 25 Då samla dei seg,
Benjamins-folki, attum Abner, so dei vart til ein flokk,
og fylkte seg på toppen av ein og same haugen. 26
Abner ropa til Joab: «Skal då sverdet halda på og
øyde i all æva? Skynar du ikkje at dette tek ein beisk
ende? Kor lenge vil du drygja fyrr du byd folki dine
slutta å elta brørne sine?» 27 Joab svara: «So sant
Gud liver: hadde du ikkje tala, so vilde folket ha slutta
å elta brørne sine alt frå morgonen.» 28 Joab let blåsa
i luren. Alle stana, og slutta å elta Israel. Og so heldt
dei upp å slåst. 29 Abner og kararne hans for yver
heidi heile natti; dei gjekk yver Jordan og for gjenom
heile Bitron, og kom so til Mahanajim. 30 Då Joab
hadde slutta å elta Abner, samla han alt folket. Då
sakna dei nittan mann av Davids folk, forutan Asael.
31 David folk hadde drepe tri hundrad og seksti mann
av benjaminitarne og Abner-folket. 32 Dei tok Asael
og gravlagde honom i farsgravi i Betlehem. So gjekk
dei heile natti, Joab og mennerne hans, og kom ved
dagsprett til Hebron.

**3** Men krigen millom Sauls-ætti og Davids-ætti vart
langdrjug. David vart stendigt sterkare; men Sauls-
ætti minka i magt. 2 David fekk søner i Hebron: Eldste
sonen, Amnon, fekk han med Ahinoam frå Jizre'el;
3 den andre, Kilab, med Abiga'il, kona åt Nabal frå
Karmel; den tridje, Absalom, var son åt Ma'aka, som
var dotter åt kong Talmai i Gesur, 4 den fjorde, Adonia,
var son åt Haggit, den femte, Sefatja, son åt Abital;
5 den sette, Jitream, fekk han med Egla, kona si.
Desse sønerne fekk David i Hebron. 6 So lenge no
krigen varde millom Sauls-ætti og Davids-ætti, var
Abner det trygge festet for Sauls-ætti. 7 Men no hadde
Saul havt ei fylgjekona som heitte Rispa Ajadotter.
Isboset spurde Abner: «Kvifor hev du halde deg med
fylgjekona hans far?» 8 Dei ordi av Isboset gjorde
Abner brennande harm: «Er eg ein hundehaus frå
Juda?» sagde han; «nett medan eg gjer sælebot mot
ætti åt Saul, far din, mot frendarne hans og venerne
hans, medan eg vernar deg mot å falla i henderne
på David, so kjem du med vondord for eit kvende
skuld! 9 Gud late Abner bøta no og sidan, um eg ikkje
heretter fer med David etter den eiden Herren hev
svore honom: 10 å taka kongedømet frå Sauls-ætti og
reisa upp Davids kongsstol yver både Israel og Juda,
frå Dan til Be'erseba.» 11 Isboset orka ikkje svara
Abner eit ord, so rædd vart han for honom. 12 Abner
sende straks bod til David med dei ordi: «Kven eig
landet?» og han lagde til: «Gjer samband med meg,
so skal eg hjelpa deg å få heile Israel yver på di sida.»
13 Han svara: «Det er vel. Eg gjer samband med deg.
Men ein ting krev eg av deg: du kjem ikkje fram for meg
utan du hev med deg Mikal Saulsdotter når du kjem.»
14 David sende bod til Isboset Saulsson med dei ordi:
«Gjev meg Mikal, kona mi, som eg fekk til brur for
hundrad huvehold av filistarar!» 15 Isboset sende bod
og henta henne frå Paltiel La'isson, mannen hennar.
16 Han fylgde gråtande etter henne heilt til Bahurim. Då
tok Abner og truga honom: «Gakk heim att!» Og han
gjekk heim. 17 Abner samrådde seg med dei øvste i
Israel, og sagde: «Alt lenge siden hev de ynskt dykk
David til konge. 18 So gjer no alvor av det! For Herren
hev sagt med David: «Ved handi hans David, tenaren
min, vil eg fria Israel, folket mitt, frå filistarane og frå
alle uvenerne.»» 19 Abner talde fyre Benjamins-folket
og. So gjekk Abner av stad, og vilde tala med David
i Hebron um alt det Israel og Benjamins-ætti hadde
funne fyre å svara. 20 Då Abner kom til David i Hebron
med tjuge mann i fylgje, gjorde David eit gjestebod
for Abner og fylgesveinarne hans. 21 Abner sagde
med David: «Lat meg ganga av stad og stemna saman
heile Israel ikring deg, herre konge, so dei kann gjera
samband med deg, og du kann verta konge yver so
mange som du ynskjer!» David sende Abner av stad,
og han drog med full trygd. 22 Nett då kom Joab med
Davids folk heim frå ei herjeferd, og hadde rikt herfang
med seg. Abner var ikkje hjå David i Hebron då. David
hadde sendt honom av stad med full trygd. 23 Då no
Joab og heile heren hans kom heim, fekk han den
tiendi: «Abner Nersson kom til kongen; og kongen let
honom ganga av stad med full trygd!» 24 Joab gjekk
til kongen og sagde: «Kva er det du hev gjort? Fyrst
Abner kjem til deg, let du honom ganga av stad, so han
fritt fær fara sin veg! 25 Du kjenner vel Abner Nersson?
Han kjem berre og vil lokka eitkvart utor deg, og gjæta
på deg når du fær ut og fær heim, og røkja etter alt du
tek deg fyre!» 26 Då Joab kom ut frå David, sende
han bod etter Abner; og sendemennerne førde honom
attende frå Bor-Hassira; men David visste det ikkje. 27
Då Abner kom att til Hebron, tok Joab honom til sides i
porten, og lest vilja tala med honom i einmæle. Der gav
han honom banesår med ein styng i livet, til hemn for
dråpet på Asael, bror hans. 28 Då David sidan spurde

dette, sagde han: «Eg og kongedømet mitt er i all æva
utan skuld for Herren i blodet hans Abner Nersson.
29 Må det koma yver Joab og heile ætti hans! Gjev
det aldri må vanta i ætti åt Joab folk som hev flod
eller spillsykja, som styd seg på krykkja eller fell for
sverd, eller saknar mat!» 30 Joab og Abisai, bror hans,
hadde myrdt Abner for dråpet på broren Asael i slaget
ved Gibeon. 31 Men David baud Joab og heile fylgjet
hans: «Riv sund klædi dykkar! Sveip sekkjer um dykk!
Og øya og gråt yver Abner!» Og kong David fylgde
sjølv etter likbåra. 32 Abner vart gravlagd i Hebron. Og
kongen sette i og gret ved gravi hans Abner; og heile
folket gret. 33 David kvad eit syrgjekvede yver Abner:
«Laut du Abner døy som ein dåre. 34 Henderne dine
batt dei ikkje, føterne dine fjetra dei ikkje! Nidingsdråp
er det, so som du vart drepen!» Då gret alt folket endå
meir yver honom. 35 Alt folket kom og talde David til å
eta eitkvart fyrr dagen leid. Men David svor og sagde:
«Gud late meg bøta både no og sidan, um eg smakar
matbiten eller noko som helst fyre soleglad!» 36 Heile
folket merkte seg ordi og lika det godt. I det heile lika
folket godt alt det kongen gjorde. 37 Heile folket og
heile Israel skyna den dagen at kongen ingi skuld
hadde i dråpet på Abner Nersson. 38 Kongen sagde
med tenararne sine: «Veit de det er ein hovding og stor
mann som er fallen i dag i Israel? 39 Eg er endå veik,
endå eg er salva til konge. Og desse kararne, Seruja-
sønerne, er sterkare enn eg. Herren løne nidingen
etter nidingsverket hans!»

4 Då Saulssonen spurde at Abner var dåen i Hebron,
miste han reint modet, og heile Israel vart forstøkt.
2 Saulssonen hadde hjå seg tvo herhovdingar for
herjeferderne sine. Ba'ana heitte ein, og Rekab heitte
hin, sønerne åt Rimmon frå Be'erot, av Benjamins-ætti;
for Be'erot vart og rekna med til Benjamin; 3 folket i
Be'erot hadde rømt til Gittajim, og budde sidan der
som utlendingar, alt til no. 4 Jonatan Saulsson hadde
ein son som var lamen på båe føterne. Fem år gamall
var han då tidendi frå Jizre'el kom um Saul og Jonatan.
Barnfostra tok og rømde med honom. Men i hurten
og sturten datt han; og so vart han lamen. Mefiboset
heitte han. 5 No gjekk Rekab og Ba'ana, sønerne åt
Rimmon frå Be'erot, av stad og kom høgstedags til
huset åt Isboset medan han låg og kvilde middag. 6
Dei lest henta kveite, kom seg soleis inn i huset, og
såra honom i livet. Og so kom dei seg undan både
Rekab og Ba'ana, bror hans. 7 Det var medan han låg i
sengi i kammerset at dei kom inn i huset og gav honom
banesår. Dei hogg av hovudet hans, og tok det med
seg, gjekk yver heidi heile natti, 8 førde hovudet hans
Isboset til David i Hebron, og sagde med kongen: «Her
er hovudet åt uvenen din, Isboset Saulsson, han som
vilde taka livet ditt. Herren hev i dag gjeve deg, herre
konge, hemn yver Saul og ætti hans.» 9 David svara
Rekab og Ba'ana, bror hans, sønerne åt Rimmon frå
Be'erot: «So sant Herren liver som hev frelst meg ut frå
all fåre: 10 den som kom med tidendi: «Saul er dåen!»
og meintest koma med fagnadbod til meg, honom let
eg gripa og drepa i Siklag, han som eg skulde gjeve
løn for fagnadbod. 11 Men når nidingar myrder ein
rettvis mann i heimen hans, i sengi - kor mykje meir
må eg ikkje krevja blodet hans av dykkar hender, og
rydja dykk burt frå jordi!» 12 David baud sveinarne
sine drepa deim, og hogga av deim hender og føter og
hengje deim upp attmed Hebrontjørni. Hovudet hans
Isboset tok dei og gravlagde i Abners grav i Hebron.

5 Då kom alle Israels ætter til David i Hebron, og tala
soleis: «Du veit me og du er same folket. 2 Alt lenge
sidan, med Saul var kongen vår, so var du føraren
for Israel. Og med deg hev Herren sagt: «Du skal
vera hyrding for Israel, folket mitt! du skal vera fyrste
yver Israel!»» 3 Då alle dei øvste i Israel var komne
til Hebron, til kongen, gjorde kong David samband
med deim i Hebron for Herrens åsyn. Og dei salva
David til konge yver Israel. 4 Tretti år var David då han
vart konge. Og han var konge i fyrti år. 5 I Hebron
var han konge yver Juda i sju år og seks månader. I
Jerusalem var han konge i tri og tretti år yver heile
Israel og Juda. 6 Kongen drog upp til Jerusalem med
heren sin mot jebusitarne, som budde der i landet.
Dei sagde då til David: «Hit inn vinn du ikkje koma!
Jamvel blinde og lame folk kann driva deg burt berre
med dei ordi: Hit kjem David ikkje!» 7 David tok like
vel Sionsborgi. Den borgi vart Davidsbyen. 8 David
gav den dagsordren: «Kvar ein som slær jebusitarne,
lat honom ganga upp til vatsleidingi, og slå desse
blinde og lame som ber David imot!» Difor plar dei
segja: «Blind og lam kjem ikkje inn i huset.» 9 David
tok bustad der på borgi og kalla henne Davidsbyen.
David bygde byen rundt ikring frå Millo og innetter.
10 Davids velde auka stødt og stendigt. Og Herren,
allhers Gud, var med honom. 11 Kong Hiram i Tyrus
sende folk til David med cedertre og timbremenner
og steinhoggarar. Dei bygde eit hus for David. 12 Og
David skyna at Herren hadde grunnfest kongedømet
hans yver Israel, og lyft kongedømet hans upp til æra
for Israel, folket sitt, skuld. 13 David tok seg endå
fleire fylgjekonor og konor frå Jerusalem, etter han var
komen dit frå Hebron. Og David fekk endå fleire søner
og døtter. 14 Dei sønerne han fekk i Jerusalem heitte:
Sammua, Sobab, Natan, Salomo, 15 Jibhar, Elisua,
Nefeg, Jafia, 16 Elisama, Eljada og Elifelet. 17 Då
filistarane frette at David var salva til konge yver Israel,
drog alle filistarane upp og søkte åt honom. Då David

spurde det, drog han ned til borgi. 18 Filistarane kom
og spreidde seg utyver i Refa'imsdalen. 19 Då gjorde
David det spursmålet til Herren: «Skal eg draga upp
mot filistarane? Vil du gjeva deim i mi hand?» Herren
svara David: «Drag upp, eg vil gjeva filistarane i di
hand.» 20 David kom til Ba'al-Perasim. Og der vann
David yver deim. Då sagde han: «Herren hev brote
igjenom uvenerne mine, liksom vatn bryt igjenom.»
Det er difor staden hev fenge namnet Ba'al-Perasim.
21 Dei let etter seg gudebilæti sine, og David og folki
hans tok deim. 22 Endå ein gong drog filistarane
upp og spreidde seg utyver i Refa'imsdalen. 23 Då
David spurde Herren, svara han: «Drag ikkje mot
deim! Kringset deim attanfrå, so du fell yver deim frå
den staden der bakatrei stend. 24 So snart du høyrer
ljoden av stig i topparne på bakatrei, so må du springa
fram. For då dreg Herren ut framfyre deg og vinn yver
filistarheren!» 25 David gjorde som Herren baud; og
han slo filistarane og forfylgde deim frå Geba heilt fram
til Gezer.

6 Endå eingong stemnde David saman alt det utvalde
mannskapet i Israel: tretti tusund mann. 2 Og David
gav seg på veg, og drog ut med alt sitt folk frå Ba'ale-
Juda, og førde derifrå Guds kista, som heiter etter
Herren, allhers drott, han som tronar på kerubarne. 3
Dei sette Guds kista på ei ny vogn og førde henne
frå Abinadabs hus på haugen. Og Uzza og Ahjo
Abinadabs-søner køyrde den nye vogni. 4 Soleis førde
dei Guds kista burt frå Abinadabs hus på haugen,
med di dei fylgde henne, og Ahjo gjekk fyre kista. 5
David og heile Israels-ætti leika for Herren, til alle slag
spel av cypresstre, til cithrar, harpor, trummor, bjøllor
og cymblar. 6 Då dei kom burtimot treskjestaden åt
Nakon, tok Uzza tak med henderne i Guds kista og
heldt fast i henne, av di uksarne snåva. 7 Då loga
Herrens harm upp mot Uzza. Og Gud slo honom for
det brotet skuld. Og han fekk sin bane der attmed Guds
kista. 8 David vart ille ved av di Herren øydelagde
Uzza. Og den staden heite Peres-Uzza den dag i dag.
9 Men David vart so rædd for Herren den dagen, at
han sagde: «Kor kann eg våga føra Herrens kista upp
til meg!» 10 Difor vilde ikkje David flytja Herrens kista
upp til Davidsbyen, men let deim setja henne inn i
huset åt gatiten Obed-Edom. 11 So stod Herrens kista
der i tri månader. Og Herren velsigna Obed-Edom og
heile hans hus. 12 Då kong David spurde at Herren
velsigna huset åt Obed-Edom og all hans eigedom for
Guds kista skuld, drog David av stad og flutta Guds
kista derifrå og upp til Davidsbyen med stor fagnad.
13 Då dei som bar Herrens kista, hadde gjenge seks
stig, ofra han ein ukse og ein gjødkalv. 14 David sjølv
dansa av all magt framfor Herren i ein messehakel av
lin. 15 Soleis henta David og heile Israels-ætti Herrens
kista dit upp med fagnadrop og lurljod. 16 Då Herrens
kista kom inn i Davidsbyen, stod Mikal Saulsdotter
og såg ut igjenom vindauga. Då ho fekk sjå kong
David sprang og dansa framfor Herren, då fekk ho
vanvyrdnad for honom i sitt hjarta. 17 Då dei hadde
ført Herrens kista upp, sette dei henne på sin stad midt
i det tjeldet som David hadde reist åt henne. David
ofra brennoffer og takkoffer for Herren. 18 Og då han
var ferdig med desse ofringarne, velsigna han folket i
namnet åt Herren, allhers drott. 19 Deretter skifte han
ut åt heile folket, åt heile Israels-ålmugen, både åt kar
og kvende, ei hellekaka, eit stykke kjøt og ei rosinkaka
til manns. So gjekk heile folket heim kvar til seg. 20
Men då David kom heim og helsa husfolki sine, gjekk
Mikal Saulsdotter til møtes med honom og sagde: «Kor
måtte ikkje Israels konge kjenna seg høgvyrd i dag,
med han i dag hev nækt seg framfor tenestgjentorne
åt tenarane sine, soleis som skamlaust folk plar nækja
seg.» 21 David svara Mikal: «For Herrens åsyn hev
eg dansa, han som valde meg ut framfor far din og
framfor heile hans ætt, og sette meg til fyrste for Israel,
Herrens folk. For Herrens åsyn var det eg dansa, 22
og småminka meg meir, og verta ring i mine augo.
Men hjå dei tenestgjentorne du nemnde, hjå deim skal
eg verta høgvyrd.» 23 Mikal Saulsdotter vart verande
barnlaus alt til sin døyande dag.

7 Ein gong kongen sat i huset sitt, og Herren hadde
unnt honom fred for alle uvenerne sine rundt ikring,
2 so sagde han med profeten Natan: «Sjå her bur eg i
eit hus av cedertre; men Guds kista bur i eit tjeld.»
3 Natan svara kongen: «Gjer du alt det du finn fyre!
For Herren er med deg!» 4 Men natti etterpå kom
Herrens ord til Natan soleis: 5 «Gakk av stad og seg
med David, tenaren min: «So segjer Herren: Etlar du
byggja hus der eg skal bu? 6 Eg hev då ikkje butt i
noko hus heilt frå den tid eg førde Israels-borni upp
frå Egyptarland alt til i dag, men hev flutt rundt i eit
tjeld og i ei bud. 7 All den tidi eg flutte rundt med
Israels-borni - hev eg noko sinn nemnt eit einaste ord
um det med nokon av domarane i Israel som eg bad
vakta Israel, folket mitt, og sagt: «Kvifor byggjer de
ikkje eit hus av cedertre åt meg?»» 8 Og no skal du
segja so med David, tenaren min: «So segjer Herren,
allhers drott: Eg henta deg frå beitemarki der du fylgde
småfeet, og sette deg til fyrste yver Israel, folket mitt;
9 eg var med deg på alle dine vegar, eg rudde ut alle
dine uvener; og eg vil gjeva deg eit namn so stort som
dei største på jordi; 10 og Israel, folket mitt, gjev eg ein
bustad; der set eg deim ned, der skal dei få bu og
aldri verta uroa meir; og aldri skal nidingar kua deim
meir, so som i gamle dagar, 11 då eg sette domarar

yver Israel, folket mitt; eg gjev deg fred for alle dine
uvener. Og Herren forkynner deg at Herren vil byggja
hus åt deg. 12 Når æva di er all, og du fær kvila
hjå dine feder, so vil eg reisa upp avkjømet ditt som
kjem etter deg og gjeng ut frå deg; hans kongedøme
vil eg grunnfesta. 13 Han skal byggja hus åt meg,
hans kongsstol vil eg grunnfesta til æveleg tid. 14 Eg
vil vera far for honom, han skal vera son min: gjer
han noko gale, so vil eg refsa honom med manneris,
med ulukkar som manneborn kann røyna; 15 men mi
miskunn skal aldri vika frå honom, so som ho veik frå
Saul, då eg let honom vika undan for deg. 16 Stød
skal ætti di standa, traust og trygt ditt kongedøme i all
æva for di åsyn; ja stødug skal din kongsstol standa
i all æva.»» 17 Natan tala alle desse ordi til David
og sagde honom heile denne syni. 18 Då gjekk kong
David inn og sette seg ned framfor Herrens åsyn og
sagde: «Kven er eg, Herre, Herre! og kva er huset
mitt, at du hev ført meg hit? 19 Og endå er det for
lite i dine augo, Herre, Herre! Du gjev meg lovnader
um huset åt tenaren din langt fram i tidi. På mannevis
talar du um dette, Herre, Herre! 20 Kva hev no David
meir å mæla med deg? Du kjenner tenaren din, Herre,
Herre! 21 For ditt ord skuld, og etter eigen hug, gjer
du alt dette og kunngjer dette underverk for tenaren
din. 22 Difor er du stor, du Herre Gud. Ingen er som
du! Forutan deg er det ingen Gud, etter alt me hev
høyrt gjete med øyro våre. 23 Kvar finst på jordi noko
folk maken til folket ditt, til Israel, som Gud sjølv gjekk
av og løyste til sin eigen lyd, til eit frægdarnamn åt
seg og gjorde so store gjerningar for dykk og agelege
verk med landet ditt, for folket ditt, det som du sjølv
løyste ut åt deg frå Egyptarland, frå heidningefolk og
deira gudar. 24 Israels-folket hev du grunnfest til ditt
folk i all æva. Du, Herre, vart deira Gud!» 25 So lat no
lovnaden din, Herre Gud, um tenaren din og huset
hans få standa stødt i alder og i æva! Gjer som du hev
sagt! 26 Då skal namnet ditt verta stort i all æva og
lyda so: «Herren, allhers drott, er Gud yver Israel.» Og
huset åt din tenar David skal standa stødt for di åsyn.
27 Du, Herre, allhers drott, Israels Gud! Sjølv hev du
kunngjort for tenaren din: «Eg byggjar hus åt deg.»
Difor hev tenaren din teke seg mod til å bera denne
bøni fram for deg. 28 Og no, Herre, Herre! Du er Gud,
og dine ord er sætande, og du hev lova tenaren din
alt dette gode. 29 So gjer no vel, velsigna huset mitt
so det må standa i all æva for di åsyn! Ja, du hev
sagt det, Herre, Herre! Med di velsigning skal huset åt
tenaren velsignast til æveleg tid.

**8** Ei tid deretter vann David yver filistarane og lagde
deim under seg. David fekk dermed teke taumarne
yver hovudstaden utor henderne på filistarne. 2 So
vann han yver moabitarne; deim mælte han med ei
snor, det vil segja: han let deim leggja seg ned på
marki, og mælte med tvo snorlengder deim som skulde
lata livet, og med ei snorlengd deim som skulde liva.
Moabitarne vart David undergjevne og laut leggja skatt.
3 Dessutan vann David yver Soba-kongen Hadadezer
Rehobsson, då han for i herferd og vilde tøygja magti
si alt til Storelvi. 4 David tok syttan hundrad hestfolk og
tjuge tusund fotfolk. Og David let skjera sund hasarne
på alle vognhestarne, sparde berre hundrad hestar.
5 Då Syria-folket frå Damaskus kom Soba-kongen
Hadadezer til hjelp, slo David tvo og tjuge tusund
Syria-menner. 6 David sette hervakter yver syrarane i
Damaskus, og Syria-folket vart David undergjevne og
laut leggja skatt. Soleis gav Herren David siger kvar
helst han for fram. 7 David tok dei gylte skjoldarne som
Hadadezer-folki hadde bore, og førde til Jerusalem. 8
Og frå Hadadezer-byarne Betah og Berotai tok kong
David store mengder av kopar. 9 Då Hamat-kongen
To'i frette at David hadde vunne yver heile Hadadezer-
heren, 10 sende han Joram, son sin, til kong David
til å helsa på honom og ynskja honom til lukka med
krigen mot Hadadezer og med sigeren yver honom
- for Hadadeser hadde jamt ført krig mot To'i - og
han hadde med seg kostnadting av sylv, av gull og
av kopar. 11 Kong David vigde deim og til Herren,
like eins som han hadde gjort med sylvet og gullet
frå folki han hadde lagt under seg: 12 frå syrarane,
moabitarne, ammonitarne, filistarane og amalekitarne;
like eins med herfanget frå Soba-kongen Hadadezer
Rehobsson. 13 Då David kom heim etter sigeren yver
syrarane, auka han frægdi si med di han slo attan
tusund mann i Saltdalen. 14 Han sette hervakter yver
Edom; i heile Edomlandet sette han vakter; og alle
edomitarne vart David undergjevne. Soleis gav Herren
David siger kvar helst han drog fram. 15 David var
no konge yver heile Israel. Og David skipa lov og
rett for heile folket sitt. 16 Joab Serujason var øvste
herhovding. Josafat Ahiludsson var kanslar. 17 Sadok
Ahitubsson og Ahimelek Abjatarsson var prestar. Og
Seraja var riksskrivar. 18 Benaja Jojadason var hovding
yver livvakti. Sønerne åt David var prestar.

**9** David spurte: «Finst det endå att nokon av Sauls
hus? Eg vil gjera sælebot mot honom for Jonatans
skuld.» 2 Sauls hus åtte ein tenar, Siba heitte han;
honom kalla dei til David. Kongen spurde honom: «Er
du Siba?» Han svara: «Ja, tenaren din er det.» 3
Kongen spurde: «Finst det endå att nokon av Sauls
hus, som eg kann gjera Guds sælebot mot?» Siba
svara kongen: «Det finst endå att ein son åt Jonatan,
han er lam på båe føterne.» 4 Kongen spurde: «Kvar
er han?» Siba svara: «Han held seg no hjå Makir

Ammielsson i Lo-Debar.» 5 Kong David sende då bod
og henta honom frå Lo-Debar, frå heimen åt Makir
Ammielsson. 6 Då Mefiboset, son åt Jonatan Saulsson,
kom til David, fall han å gruve og bøygde seg. David
sagde: «Mefiboset!» Han svara: «Ja, her er tenaren
din.» 7 David trøysta honom: «Ver hugheil; eg vil gjera
sælebot mot deg for skuld Jonatan, far din. Eg gjev
deg att all jordeigedomen åt Saul, farfar din. Og du
skal allstødt eta ved mitt bord.» 8 Då bøygde han seg
og sagde: «Kva er eg, tenaren din, at du vendar deg til
ein daud hund som meg?» 9 Kongen kalla på Siba,
sveinen åt Saul, og gav honom det bodet: «Alt det
Saul og ætti hans åtte, gjev eg åt son til herren din. 10
Du og sønerne dine og tenarane dine skal dyrka og
hausta eigedomen hans; og det skal vera til kost og
tæring levemåte åt son til herren din. Men sjølv skal
Mefiboset, son åt herren din, stødt eta ved mitt bord.»
Siba hadde femtan søner og tjuge tenarar. 11 Han
svara kongen: «Alt det du, herre konge, byd tenaren
din, det skal tenaren din gjera.» «Og Mefiboset skal eta
ved mitt bord som ein av kongssønerne.» 12 Mefiboset
hadde ein liten son, Mika heitte han. Alle som budde
i huset åt Siba, vart tenarar for Mefiboset. 13 Men
sjølv budde Mefiboset i Jerusalem, då han stødt åt ved
kongens bord. Han var lam på båe føterne.

**10** Det hende seg deretter at ammonitarkongen
døydde. Og Hanun, son hans, vart konge etter
honom. 2 Då sagde David: «Eg vil syna Hanun
Nahasson venskap, liksom far hans synte meg
venskap.» David sende nokre av tenarane sine til å
trøysta honom i sorgi yver faren. Tenarane åt David kom
til Ammonitarlandet. 3 Då sagde ammonitarfyrstarne
til Hanun, herren sin: «Trur du det er til heider for
far din at David hev sendt trøystarar til deg? Å nei,
David hev sendt tenarane til deg berre for di han vil
granska byen og njosna, og sidan gjera enden på
honom.» 4 So tok Hanun tenarane hans David og let
raka av deim halve skjegget og skjera klædi deira midt
yver like upp til seten, og sende deim heim soleis.
5 Då David frette det, sende han folk til møtes med
deim, og kongen let segja med deim: «Stana i Jeriko
til dess skjegget hev vakse ut på dykk, so kann de
koma heim att!» For mennerne hadde vorte øgjeleg
svivyrde. 6 Då no ammonitarne skyna dei hadde gjort
David hatig på seg, sende dei bod og leigde tjuge
tusund mann fotfolk, syrarar frå Bet-Rehob og syrarar
frå Soba, eit tusund mann hjå kong Ma'aka, og tolv
tusund av mannskapet åt Tob. 7 Då David høyrde
gjete det, sende han Joab med heile heren, det vil
segja dei djervaste stridsmennerne. 8 Ammonitarne
drog ut og fylkte seg framfor byporten, medan syrarane
frå Soba og Rehob og Tob-folket og Ma'aka-folket stod
for seg sjølve på opi mark. 9 Då Joab gådde han
laut vera budd på åtak både framme og bak, gjorde
han eit utval millom dei utvalde Israels-hermennerne,
og fylkte deim mot syrarane. 10 Resten av folket let
han åt Abisai, bror sin, som so fylkte deim beint imot
ammonitarne. 11 Og han sagde: «Um syrarane vinn på
meg, so kjem du meg til hjelp. Og um ammonitarne
vinn på deg, so skal eg koma og hjelpa deg. 12 Ver
sterk! Lat oss syna oss sterke i striden for folket vårt
og for byarne åt vår Gud! So fær Herren gjera det han
tykkjer best. 13 Joab drog fram med mannskapet sitt
og stridde mot syrarane, og dei rømde for honom. 14
Då ammonitarne såg at syrarane rømde, so rømde dei
og for Abisai, og sprang inn i byen. Og Joab drog burt
frå ammonitarne og kom heim att til Jerusalem. 15 Då
syrarane såg at dei var slegne av Israel, samla dei
seg i hop. 16 Hadadezer baud ut dei syrarane som
budde på hi sida Storelvi. Og dei kom til Helam, med
Sobak, herhovdingen åt Hadadezer, til førar. 17 Då
David spurde dette, stemnde han saman heile Israel,
gjekk yver Jordan og kom til Helam. Syrarane fylkte
seg og gjorde åtak på David og slost med honom. 18
Men syrarane rømde for Israel, og David hogg ned
sju hundrad krigshestar og fyrti tusund hestfolk av
syrarheren; og herhovdingen Sobak fekk banehogg
der. 19 Då alle lydkongarne under Hadadezer såg
dei var slegne av Israel, gjorde dei fred med Israel
og vart tenarane deira. So våga ikkje syrarane hjelpa
ammonitarne meir.»

**11** Det hende seg året etter, den tid då kongarne
plar fara i herferd, då sende David Joab av stad,
og alle herhovdingarne som var under honom og heile
Israel, og dei herja Ammonitarlandet og kringsette
Rabba. Sjølv heldt David seg heime i Jerusalem. 2 No
bar det so til ein dag ved kveldstid David reis upp frå
kvila si og gjekk og dreiv på taket på kongshalli, at han
såg frå taket ei kona som lauga seg. Kona var ovleg
væn å sjå til. 3 David let spyrja etter kven kona var.
Han fekk til svar: «Det er Batseba Eliamsdotter, kona
åt hetiten Uria.» 4 David sende nokre folk og let henta
henne. Ho kom upp, og han låg med henne. Ho hadde
nett helga seg etter ho hadde vore urein. Og so for
ho heim att. 5 Kona vart med barn. Ho sende bod og
melde David at ho var med barn. 6 David sende då
det bodet til Joab: «Send hit hetiten Uria!» Joab sende
Uria til David. 7 Då Uria kom inn til honom, spurde
David korleis Joab og heren hadde det, og kor det
gjekk i krigen. 8 So sagde David med Uria: «No kann
du ganga heim og lauga føterne dine.» Då Uria gjekk
frå kongshalli, fylgde ei kongsgåva etter honom. 9 Men
Uria lagde seg ved inngangen til kongshalli saman med
alle kongstenarane; han gjekk ikkje heim. 10 David

fekk vita at Uria ikkje var gjengen heim. Då sagde
David med Uria: «Du kjem då frå ei utferd! Kvifor gjeng
du ikkje heim?» 11 Uria svara: «Kista og Israel og Juda
bur no i buder; Joab, herren min, og folket hans ligg i
læger ute på marki. Og so skulde eg ganga heim og
eta og drikka og liggja med kona mi? So sant Herren
liver, og so sant du liver: dette gjer eg ikkje!» 12 Då
sagde David med Uria: «Stana her i dag og! So vil eg i
morgon senda deg av stad.» Uria stana i Jerusalem
den dagen og næste dag. 13 David bad honom til
seg, til å eta og drikka med seg; og han drakk honom
drukken. Men um kvelden gjekk han av og lagde seg
til kvile med kongstenarane; heim gjekk han ikkje. 14
Morgonen etter skreiv David eit brev til Joab og sende
det med Uria. 15 I brevet skreiv han: «Set Uria lengst
framme, der som striden er hardast. Røm so undan
frå honom, so han fær banehogg!» 16 Joab heldt på
og kringsette byen. Då sette han Uria på den staden,
der han visste han møtte dei djervaste kararne. 17
Byfolket gjorde utfall og slost med Joab. Det fall då
nokre av folket, av mannskapet åt David; hetiten Uria
fekk og banen sin der. 18 Joab sende melding til David
um korleis det hadde gjenge i slaget. 19 Og han gav
sendemannen den fyresegni: «Når du er ferdig med å
melda kongen alt um striden, 20 og so harmen kjem
upp hjå kongen, og han spør deg: «Kvifor kom de
so nær byen i striden? de måtte då vita at dei vilde
skjota på dykk ovantil frå muren! 21 Kven var det som
vart banen hans Abimelek Jerubbesetsson? Ei kona
som kasta ein kvernstein i hovudet på honom ovanfrå
muren! Det vart banen hans, der i Tebes! Kvifor kom
de so nær muren?» - so skal du fortelja: «Tenaren din,
hetiten Uria, fekk og banen sin.»» 22 Mannen gjekk
og melde David alt det Joab hadde bode honom. 23
Mannen fortalde for David: «Kararne gjekk hardt på og
drog ut mot oss i opi mark. Men me slo deim attende
til byporten. 24 Då skaut bogeskyttarane på tenarane
dine ovanfrå muren, so nokre av kongsmennerne dine
fekk sin bane; tenaren din, hetiten Uria, fekk og sin
bane der.» 25 David svara sendemannen: «So skal du
svara Joab: «Gjer deg inkje ilt av dette! sverdet øyder
so ein, so hin! Berre gakk på byen med større styrke,
og riv honom ned til grunns!» Styrk hugen hans med
dei ordi!» 26 Då kona hans Uria spurde at mannen
hennar var fallen, øya og gret ho yver husbonden sin.
27 Då syrgjetidi var ute, sende David bod og let henta
henne heim til seg. Ho vart kona hans, og ho åtte ein
son. Men det David hadde gjort, var ilt i Herrens augo.

**12** Og Herren sende Natan til David. Då han kom
inn til honom, sagde han med honom: «Det var
tvo menner i ein by; den eine var rik, og den andre var
fatig. 2 Rikmannen åtte bufe og smale i rikleg mengd.
3 Fatigmannen åtte inkje anna enn eit lite saulamb,
som han hadde kjøpt og ale upp, og som voks upp
inne hjå honom og sønerne hans, i lag med deim; det
åt av brødbiten hans og drakk av staupet hans, og låg
i fanget hans og var som ei dotter for honom. 4 So
kom ein vegfarande mann til rikmannen. Då timdest
han ikkje taka av sine eigne sauer eller naut sine og
laga til åt ferdamannen som var komen til honom, men
tok saulambet åt fatigmannen og laga til åt mannen
som var komen til honom.» 5 Då loga harmen veldug
upp i David mot mannen, og han sagde til Natan: «So
sant Herren liver: den mannen som det hev gjort, skal
lata livet; 6 og saulambet skal han bøta firfaldt, for
di han for soleis fram og var so hjartelaus.» 7 Natan
svara: «Du er mannen. So segjer Herren, Israels Gud:
«Eg salva deg til konge yver Israel; eg frelste deg or
Sauls hand. 8 Eg gav deg huset åt herren din, og
konorne åt herren din lagde eg i ditt fang. Eg sette deg
yver Israels hus og Judas hus. Og var det for lite, so
hadde eg gjeve deg endå meir både av eitt og hitt. 9
Kvifor hev du då vanvyrdt Herrens ord, og gjort det
som er ilt i hans augo? Hetiten Uria hev du drepe med
sverd, og kona hans hev du teke til kona åt deg sjølv!
Honom myrde du med ammonitarsverd. 10 Difor skal
no sverdet aldri vika frå ditt hus, av di du vanvyrde meg
og tok kona åt hetiten Uria til kona åt deg sjølv.» 11 So
segjer Herren: «Sjå, eg let ulukke koma yver deg frå
ditt eige hus. Konorne dine tek eg burt frå augo dine og
gjev deim åt ein annan, so han ligg med konorne dine
midt på ljose dagen. 12 Du let det henda i løyndom; eg
let dette henda midt på ljose dagen, so heile Israel er
vitne til det.»» 13 David svara Natan: «Synda hev eg
mot Herren.» Natan sagde til David: «So hev Herren
ogso ettergjeve deg skuldi di; du skal ikkje døy. 14 Men
av di du hev fenge Herrens fiendar til å spotta honom
for denne sak skuld, so skal heller ikkje den sonen du
hev fenge vera liv lage.» 15 So gjekk Natan heim. Men
Herren søkte med sott det barnet David hadde fenge
med kona hans Uria. 16 David spurde Gud for barnet.
Og David fasta. Og når han kom heim og skulde leggja
seg um natti, lagde han seg på golvet. 17 Dei øvste
tenarane hans gjekk upp til honom og freista reisa
honom upp frå golvet. Men han vilde ikkje. Heller ikkje
heldt han måltid i lag med deim. 18 Sjuande dagen
døydde barnet. Då våga ikkje tenarane åt David melda
honom at barnet hadde slokna. Dei tenkte: «Tala me til
honom med barnet var i live, so lydde han ikkje på oss;
kor kann me då melda honom at barnet hev slokna?
Han kunde gjera ei ulukka!» 19 Men David gådde at
tenarane kviskra saman, og han skyna barnet var dåe.
David spurde tenarane: «Hev barnet slokna?» Dei
svara ja. 20 Då reis David upp frå golvet, vaska seg,

salva seg, skifte klæde, gjekk inn i Herrens hus og
kasta seg ned for honom. Og då han kom heim, bad
han um mat. Dei fram mat åt honom, og han tok til
å eta. 21 Då spurde tenarane honom: «Korleis heng
dette i hop? So lenge barnet var i live, fasta du og gret
for det; men når barnet hev slokna, ris du upp og held
måltid!» 22 Han svara: «So lenge barnet var i live,
fasta eg og gret. Eg tenkte: «Kven veit? kann henda
Herren vil miskunna meg og lata barnet liva!» 23 Men
kvifor skulde eg fasta no det er dåe? Kann eg få det
att meir? Eg skal fara til honom. Men han kjem ikkje
att til meg.» 24 David trøysta Batseba, kona si. Han
budde hjå henne og låg med henne. Ho åtte ein son,
som han gav namnet Salomo. Honom hadde Herren
kjær. 25 Han sende bod med profeten Natan. Og han
gav honom namnet Jedidja for Herrens skuld. 26 Joab
gjorde åtak på hovudstaden Rabba i Ammonitarlandet,
og hertok byen. 27 So sende Joab bod til David og
melde: «Eg hev gjort åtak på Rabba og hev teke vats-
byen. 28 Stemn no i hop resten av folket! Kringset og
tak byen, so det ikkje skal heitast at eg hev teke byen,
og fær ordet for det!» 29 David stemnde då saman
alt herfolket, drog til Rabba, gjorde åtak og tok byen.
30 Han tok kongekruna frå hovudet på kongen. Ho
var av gull og vog vel tvo vågar og var prydd med
ein glimestein. Ho vart no sett på Davids hovud. Eit
veldugt herfang førde han heim frå byen. 31 Folket i
byen slæpte han burt, og sette til arbeid ved sagbruki,
med treskjevalsorne av jarn og med jarnøksarne, og
let deim træla ved tiglomnarne. Soleis gjorde han med
alle ammonitarne. So snudde David med alt folket
heim att til Jerusalem.

**13** Sidan hende denne tilburden: Absalom Davidsson
hadde ei væn syster som heitte Tamar, og Amnon
Davidsson lagde hugen til henne. 2 Ja Ammon pintest
so, at han vart heiltupp sjuk av lyst til syster si; for ho
var møy; og Ammon øygnde ingen utveg til å gjera
henne noko. 3 Amnon hadde ein ven, som heitte
Jonadab, son til Simea, bror åt David. Jonadab var
ein utkropen kar. 4 Han spurde honom: «Kvi magrast
du so, du kongsson, frå dag til annan? Fortel meg
det?» Amnon svara: «Eg hev huglagt Tamar, syster åt
Absalom, bror min!» 5 Då sagde Jonadab til honom:
«Legg deg sjuk på sengi di! Og når far din kjem og ser
til deg, so bed honom: «Kjære, lat Tamar, syster mi,
koma og laga maten åt meg! Lat henne laga til mat for
augo mine, so eg ser på! Og lat meg eta av hennar
hand!»» 6 Amnon lagde seg og lest som han var sjuk.
Kongen kom og såg til honom. Og Amnon bad kongen:
«Kjære, lat Tamar, syster mi, koma og laga tvo kakor
åt meg so eg ser på og fær eta av hennar hand!» 7
David sende då bod inn i huset til Tamar og bad henne:
«Gakk til huset åt Amnon, bror din, og laga noko mat
åt honom!» 8 Tamar gjekk til huset åt Amnon, bror sin,
der han låg til sengs. Ho tok deig og knoda, og laga
kakorne so han såg på, og steikte deim. 9 So tok ho
panna og hadde deim or for honom; men han vilde
ikkje eta. So sagde Amnon: «Gakk ut alle mann!» Og
dei so gjorde. 10 So segjer han med Tamar: «Kom med
maten her inn i kammerset, so eg fær eta av handi di!»
Og Tamar tok kakorne ho hadde laga, og gjekk inn
i kammerset til Amnon, bror sin. 11 Men då ho bar
deim fram åt honom, so han skulde eta, greip han fat i
henne og sagde: «Kom og ligg med meg, syster mi!»
12 Ho svara: «Nei, bror min! Du må ikkje skjemma
meg! Sovore må ikkje henda i Israel! Gjer ikkje so
stygg ei gjerning! 13 Kvar skulde eg gjera av meg med
skammi? Og du sjølv vilde seinare heita eit styggeting
i Israel. Tala fyrst med kongen! Han vil ikkje negta deg
å få meg.» 14 Men han vilde ikkje lyda henne. Han
valdtok henne, skjemde henne, låg med henne. 15
Etterpå fekk Amnon brått ein øgjeleg illvilje til henne.
Illviljen han åtte mot henne no, var endå meir ofseleg
enn elsken han hadde havt til henne fyrr. «Ris upp og
gakk med deg!» sagde Amnon til henne. 16 Ho sagde
til honom: «Ikkje auka skuldi med å gjera so stor ei
ugjerning som å jaga meg! det vil vera endå verre enn
det andre du hev gjort med meg.» Men han vilde ikkje
høyra på henne, 17 men ropa på drengen, som tente
hjå honom: «Få henne der burt frå meg, ut på gata!»
ropa han, «og læs døri etter henne!» 18 Ho gjekk i sid
ermekjole; i sovorne kappor var kongsdøtterne klædde
med dei var unge gjentor. Tenaren førde henne ut på
gata og læste døri etter henne. 19 Då tok Tamar oska
og hadde på hovudet, reiv sund ermekjolen ho gjekk i,
lagde handi på hovudet og gjekk og øya seg i eino. 20
Absalom, bror hennar, spurde henne: «Hev Amnon,
bror din, vore hjå deg? Teg deg no, syster! Han er
bror din. Bry deg ikkje um dette!» Tamar heldt seg då
heime hjå Absalom, bror sin, einsleg og yvergjevi. 21
Då kong David spurde alt dette, loga harmen upp i
honom. 22 Absalom sagde ingen ting med Amnon
anten godt eller vondt. Men Absalom hata Amnon,
for di han hadde skjemt Tamar, syster hans. 23 Tvo
år etter hadde Absalom saueklypping i Ba'al-Hasor
attmed Efraim; og Absalom bad alle kongssønerne
til gjester. 24 Absalom gjekk då inn til kongen og
sagde: «Tenaren din held saueklypping. Eg bed at
kongen og tenarane hans vil vera med.» 25 Kongen
svara Absalom: «Nei, guten min! Me må ikkje vera
med alle; det vert for mykje bry for deg.» Endå han
naudbad honom, vilde han ikkje, men bad farvel med
honom. 26 Då sagde Absalom: «So lat då i alle fall
bror Amnon vera med!» Kongen spurde: «Kvifor nett

han?» 27 Men då Absalom naudbad honom, let han
Amnon og alle kongssønerne vera med. 28 Absalom
baud drengjerne: «Sjå etter når Amnon vert lystig av
vinen, og eg segjer: «Hogg til Amnon!» So drep honom
hugheilt! eg tek ansvaret. Ver hugsterke, og vis de er
dugande karar!» 29 Absaloms-drengjerne gjorde med
Amnon som Absalom hadde bode. Då spratt dei upp
alle kongssønerne, steig på muldyri sine og rømde. 30
Med dei endå var på vegen, fekk David høyra ei tiend
um at Absalom hadde drepe alle kongssønerne, so
ikkje ein einaste var att av deim. 31 Då reiste kongen
seg og reiv sund klædi sine og lagde seg på golvet. Og
alle tenarane som stod der, reiv og sund klædi sine. 32
Men Jonadab, son åt Simea, bror åt David, tok til ords
og sagde: «Herre, du må ikkje tru at dei hev drepe alle
dei unge kongssønerne. Det er berre Amnon som er
dåen. Eg hev lese ulukka på Absaloms munn alt frå
den dagen då Amnon skjemde ut Tamar, syster hans.
33 Herre konge! no må du ikkje gjera deg so ilt av det,
at du trur alle kongssønerne er daude. Nei, det er berre
Amnon som er daud.» 34 Men Absalom flydde. Då
vaktmannen såg ut, fekk han sjå mykje folk kom vegen
ned fjellet attanfor. 35 Då sagde Jonadab til kongen:
«Der kjem kongssønerne! Det er som eg sagde.» 36
Nett då han hadde tala ut, kom kongssønerne, og dei
sette i og gret. Ogso kongen og alle tenarane storgret
og stridgret. 37 Men Absalom flydde og for til Talmai
Ammihudsson, kongen i Gesur. Og han syrgde yver
son sin heile tidi. 38 Absalom flydde og for til Gesur,
og heldt seg der i tri år. 39 Men kong David let vera å
draga ut mot Absalom; han hadde lote trøysta seg i
sorgi yver at Amnon var dåen.

**14** Joab Serujason skyna at kongen endå var glad
i Absalom. 2 Han sende då bod til Tekoa og
henta ei sløg kona derifrå og baud henne: «Te deg
som du hev sorg! Klæd deg i syrgjebunad! Smyr deg
ikkje med olje! Te deg som ei kvinna som hev syrgt
på ein avliden i lang tid! 3 Gakk so inn til kongen og
tala til honom desse ordi!» - Joab lagde henne ordi i
munnen. 4 Tekoa-kona tala til kongen, fall å gruve ned
på jordi og bøygde seg, og ropa: «Hjelp, konge!» 5
Kongen spurde: «Kva er i vegen med deg?» Ho svara:
«Å, eg er ei syrgjande enkja; mannen min er dåen. 6
Tenestkvinna di hadde tvo søner. Dei kom i trætta med
kvarandre ute på marki; og det var ingen til å skilja
deim; den eine gav då bror sin banehogg. 7 No ris
heile ætti upp mot tenestkvinna di og krev: «Hit med
brormordaren! Me vil drepa honom til hemn for han
myrde bror sin! So fær me rudt ervingen or vegen med
same!» Og soleis vil dei sløkkja den siste voni eg hev
att i livet, og meinka mannen min både ettermæle og
avkjøme her på jordi.» 8 Kongen sagde til kona: «Far
heim! eg skal greida saki for deg.» 9 Men Tekoa-kona
svara kongen: «Herre konge! På meg og på farsætti
mi kvile all skuldi! Men kongen og kongsstolen lyt vera
utan skuld!» 10 Då sagde kongen: «Segjer nokon
eitkvart med deg, so kom hit med honom! han skal
ikkje gjera deg mein ein gong til.» 11 Ho sagde: «Kom
i hug Herren, din Gud, konge, so blodhemnaren ikkje
skal auka ulukka og rydja son min or vegen.» Då sagde
han: «So sant Herren liver, ikkje eit hår skal verta
skadt på hovudet åt son din!» 12 Då tok kona til ords:
«Lat tenestkvinna di endå få lov å segja eit ord med
deg, herre konge!» Han svara: «Seg det!» 13 «Kvifor
hev du tenkt so vondt mot Guds folk?» sagde kona;
«når kongen talar so, då er det som um han hev dømt
seg sjølv, med di kongen let ikkje sin burtstøytte son
koma heim att. 14 Vist lyt me alle døy. Men likjest på
vatnet som vert utrent på marki, og som ein ikkje kann
samla upp att. Men Gud let ingen døy, utan han tenkjer
ut alt som tenkjast kann til å berga den burtstøytte
so han ikkje vert burtstøytt frå honom. 15 Eg er komi
til å tala desse ordi med deg no, herre konge, av di
skyldfolket mitt hev skræmt meg. Tenestkvinna di kom
i hug: «Eg vil tala med kongen; kann henda kongen
vil gjera det eg bed um. 16 Ja, kongen vil lyda på
tenestkvinna si, og berga meg frå den som vil rydja
or vegen både meg og son min or Guds eige folk.»
17 Og tenestkvinna di tenkte: «Eit ord frå deg, herre
konge, vil gjera meg sutlaus! For du, herre konge, er
som Guds engel, med di du høyrer alt både godt og
vondt.» So vere Herren, din Gud, med deg!» 18 Då tok
kongen åt ords og sagde til kona: «Svara meg ope og
ærleg på det som eg no spør deg!» Ho svara: «Seg
det, herre konge!» 19 Kongen spurde: «Hev ikkje Joab
si finger med i dette spelet?» Kona svara: «So sant
som du liver, herre konge, når du talar, herre konge,
kann ingen koma undan anten til høgre eller vinstre.
Jau, det er Joab, tenaren din, som hev lagt dette på
meg, og lagt tenestkvinna di i munnen alt det eg hev
sagt. 20 Joab, tenaren din, hev gjort det, av di han
vilde få saki til å sjå onnorleis ut. Men du, herre, er
vis som Guds engel, so du veit alt som hender på
jordi.» 21 Kongen sagde då til Joab: «Godt og vel! eg
skal so gjera. Far av og før heim den unge mannen,
Absalom!» 22 Då fall Joab å gruve, bøygde seg til
jordi og velsigna kongen. Joab sagde: «I dag skynar
tenaren din at du, herre konge, eig godvilje for meg,
sidan du, konge, gjer det eg bed um.» 23 Joab reis
upp og drog til Gesur, og førde Absalom til Jerusalem.
24 Kongen gav det bodet: «Han lyt ganga heim til seg
sjølv. For mine augo skal han ikkje koma.» So gjekk
Absalom heim til seg sjølv, og kom ikkje kongen for
augo. 25 I heile Israel beid ikkje maken til Absalom so

væn, og ingen so namngjeten; det beid ikkje lyte på
honom frå kvervel til iljar. 26 Når han klypte håret på
hovudet sitt - det gjorde han på slutten av kvart år;
for det var so tungt at han laut klyppa det - då vog
dei håret hans, og fann at det vog tvo hundrad lodd
etter kongens vegt. 27 Absalom hadde tri søner og ei
dotter; ho heitte Tamar og var fager å sjå til. 28 Då
Absalom hadde halde seg tvo år i Jerusalem og ikkje
kome kongen for augo, 29 sende han bod etter Joab,
var meint å senda honom til kongen. Men han vilde
ikkje koma. Andre gongen sende han bod; han vilde
ikkje koma. 30 Då sagde han med tenarane sine: «De
veit at Joab hev ein åkerteig ved sida av min; og der
hev han bygg. Far dit og kveik eld på!» So kveikte
drengjerne åt Absalom eld på åkerteigen. 31 Joab for
upp og gjekk heim til Absalom: «Kvi hev drengjerne
dine kveikt eld på åkerteigen min?» spurde han. 32
«Eg sende då bod etter deg, » svara Absalom, «og
bad deg koma hit, so eg kunde senda deg til kongen
med desse ordi: «Kvifor fekk eg koma heim frå Gesur?
det våre betre for meg um eg hadde halde meg der
framleides.» No vil eg fram for kongen. Er eg saka i
nokor illgjerning, so fær han drepa meg.» 33 Då gjekk
Joab til kongen og melde honom det. Kongen kalla
då til seg Absalom; og han kom inn til kongen, kasta
seg å gruve for honom og bøygde seg til jordi framfor
kongen. Og kongen kysste Absalom.

**15** Ei stund etterpå fekk Absalom seg vogn og
hestar og femti mann som sprang fyre honom.
2 Tidleg um morgonen pla Absalom standa attmed
vegen til porten. So tidt nokon var på veg til kongen
med eikor saki han vilde hava dom i, ropa Absalom
honom til seg og spurde: «Kva by er du frå?» Når
han svara: «Frå den og den ætti i Israel er tenaren
din, » 3 so svara Absalom: «Du veit saka di er både
god og rett, men hjå kongen finn du inkje ope øyra.»
4 Og han lagde til: «Gjev dei gjera meg til domar i
landet! Då skulde kvar ein koma til meg med saker og
søksmål. Og eg skulde gjeva honom rett.» 5 Gjekk
einkvan fram og vilde bøygja seg for honom, retta han
ut handi og tok um honom og kysste honom. 6 Soleis
gjorde Absalom med alle i Israel som kom med saker
kongen skulde døma i. Og Absalom dåra hugen hjå
Israels-sønerne. 7 Fire år var lidne, då Absalom ein
dag bad kongen: «Lat meg draga til Hebron og halda
ein lovnad eg hev gjort åt Herren! 8 Då tenaren din
budde i Gesur i Syria, gjorde eg den lovnaden: «Let
Herren meg verkeleg koma heim att til Jerusalem, so
vil eg halda ei gudstenesta åt Herren.»» 9 Kongen
svara: «Far i fred!» Han reis upp og drog til Hebron. 10
Absalom sende so njosnarar til alle ætterne i Israels
med dei ordi: «Når de høyrer luren ljoda, då kann det
fortelja at Absalom hev vorte konge i Hebron.» 11
Med Absalom fylgde tvo hundrad mann frå Jerusalem,
som var innbodne og fylgde med i god tru; dei visste
ingen ting. 12 Medan Absalom ofra slagtofferi, sende
han bod og henta dessutan Ahitofel, rådsmannen åt
David, frå Gilo, heimbyen hans. Samansverjingi auka i
styrke. Folket heldt på og gjekk yver til Absalom i store
mengder. 13 Ein bodberar kom til David og melde:
«Israels-mennerne hev vendt hugen sin til Absalom.»
14 Då baud David alle tenarane sine, dei som var hjå
honom i Jerusalem: «Av stad! Det finst ingi onnor råd
for oss til å berga oss undan Absalom. Skunda dykk
av stad, so han ikkje kjem brått på oss og fører ulukka
yver oss og drep byfolket!» 15 Kongstenarane svara:
«Tenarene dine er budde til alt det du vil, herre konge!»
16 Då drog kongen ut; og alle husfolki hans fylgde. Ti
av fylgjekonorne let kongen att til å vakta huset. 17 Då
kongen drog av stad, fylgde alt byfolket. Dei stogga
ved Bet-Hammerhak. 18 Alle tenarane gjekk framum
honom, like eins heile livvakti. Og alle Gats-folki, seks
hundrad mann som hadde fylgt honom frå Gat, gjekk
framum kongen. 19 Kongen sagde med Gats-mannen
Ittai: «Kvifor gjeng du og med oss? Far attende, og ver
hjå honom som no er konge! Du er då berre utlending,
ja ein heimlaus utvandrar. 20 Du kom i går! Skulde eg i
dag lata deg reika ikring med oss på ferdi vår, no eg
ikkje sjølv veit leidi? Far attende, og tak brørne dine
med deg! Gjev miskunn og truskap må timast dykk!»
21 Men Ittai svara kongen: «So sant Herren liver, og so
sant du liver, herre konge: den staden du er, herre
konge, der vil tenaren din ogso vera, anten det ber
til liv eller daude!» 22 David sagde då til Ittai: «Ja ja,
ver so med!» Gats-mannen Ittai drog då med, fylgd
av alle sine menner og heile barneflokken som han
hadde med seg. 23 Heile landet storgret då alt folket
drog fram. Og då kongen gjekk yver Kidronsbekken,
fylgde alt folket etter og tok vegen åt øydemarki. 24
Sjå Sadok og alle levitarne var og med honom. Dei
bar Guds sambandskista med seg. Dei sette Guds
kista ned - då kom Abjatar og upp - til dess alt folket
hadde rokke fram frå byen. 25 Kongen sagde då til
Sadok: «Før Guds kista attende til byen! Syner Herren
meg miskunn, so let han meg koma heim att, so eg
fær sjå att honom og bustaden hans. 26 Men segjer
han: «Eg hev ikkje godvilje for deg, » då er eg budd:
han gjere med meg som han tykkjer!» 27 Og kongen
sagde med presten Sadok: «Du sjåar. Far heim att i
fred! Og båe sønerne dykkar, Ahima'as, son din, og
Jonatan Abjatarsson, må fylgja med dykk. 28 Sjå, eg vil
drygja attmed ferjestaderne i øydemarki til dess eg fær
bod frå dykk med meldingar.» 29 So førde Sadok og
Abjatar Guds kista attende til Jerusalem og stana der.

30 David gjekk gråtande upp Oljefjellet med tilsveipt
hovud og berrføtt. Og alt folket som fylgde, hadde og
sveipt til hovudi sine og gjekk gråtande dit upp. 31
Då David fekk høyra at Ahitofel var millom deim som
hadde samansvore seg med Absalom, bad David:
«Herre, gjer Ahitofels råd til skammar!» 32 Då David
var komen øvst på fjellet, der dei plar tilbeda Gud,
då kom Husai av arkitætti mot honom med sundrivne
klæde og mold på hovudet. 33 David sagde til honom:
«Gjeng du med meg, vert du til bry for meg. 34 Men
gjeng du attende til byen og segjer med Absalom: «Din
tenar vil eg vera, konge! far din's tenar var eg fyrr; no
er eg din tenar!» - so kann du hjelpa meg å skjepla
Ahitofels råd. 35 Du veit du hev prestarne Sadok og
Abjatar ogso der. Alt du frettar frå kongshuset, må du
melda åt prestarne Sadok og Abjatar. 36 Dei hev ogso
båe sønerne sine heime: Sadok hev Ahima'as, og
Abjatar hev Jonatan. Med deim kann du senda meg
bod um alt du fretter.» 37 So gjekk då Husai, venen åt
David, inn i byen, samstundes som Absalom drog inn i
Jerusalem.

**16** Då David var komen eit stykke på hi sida av
fjellet, møtte han Siba, drengen åt Mefiboset,
med eit par asen kløvja med tvo hundrad brød, hundrad
rosinkakor, hundrad sumarfrukter og ei vinhit. 2 Kongen
spurde Siba: «Kva er det du hev der?» Siba svara:
«Asni skal vera til å rida på for kongens husfolk. Brødet
og frukterne skal vera mat åt tenarane; og vinen til
svaledrykk for dei trøytte mennerne dine i øydemarki.»
3 Kongen spurde: «Kvar er son åt husbonden din?»
Siba svara: «Han er att i Jerusalem. Han tenkte at
no vil Israels hus gjeva honom att kongedømet åt far
hans.» 4 Då sagde kongen til Siba: «Alt det Mefiboset
eig, skal vera ditt!» Siba svara: «Eg fell ned for deg. Lat
meg eiga godviljen din, herre konge!» 5 Då kong David
so kom til Bahurim, kom ut derifrå ein mann av Sauls-
ætti, Sime'i Gerason heitte han. Han gjekk og banna 6
og kasta stein etter David og alle kongstenarane, endå
heile heren og det djervaste stridsfolket gjekk på båe
sidor av kongen. 7 Soleis banna Sime'i: «Burt, burt
med deg, din blodhund! din niding! 8 Herren let no
alt blodet frå Sauls hus koma att yver deg, du som
vart konge i hans stad. Herren gjev no kongedømet til
Absalom, son din. Sjå no hev du fenge ulukka etter
fortenesta! ein blodhund er du!» 9 Abisai Serujason
spurde kongen: «Kvifor skal den daude hunden der
hava lov å banna deg, herre konge? Lat meg fara dit
og hogga hovudet av honom!» 10 Men kongen svara:
«Kva hev eg med dykk å gjera, Seruja-søner? Bannar
han, og er det Herren som hev bode honom å banna
David, kven vågar då spyrja: «Kvi gjer du so?»» 11
Og David sagde med Abisai og med alle folki sine:
«De veit son min vil taka livet av meg - han som er
runnen av mi rot. Kor mykje større grunn hev då denne
benjaminiten! Lat honom berre banna, når Herren hev
bode honom å banna. 12 Kann henda Herren ser til mi
naud og gjev meg lukka til vederlag for den forbanningi
som kjem yver meg i dag.» 13 David og mennerne
hans gjekk so burtetter vegen, medan Sime'i fylgde
honom jamsides uppi lidi, og banna i eino og kasta
stein og molda honom ut med mold. 14 Kongen kom
med alle folki sine til Ajefim og kvilde seg der. 15
Absalom var komen til Jerusalem med alle sine folk av
Israels-mennerne. Han hadde ogso Ahitofel med seg.
16 Då arkiten Husai, venen åt David, kom til Absalom,
ropa han imot honom: «Live kongen, live kongen!»
17 Absalom spurde Husai: «Er det soleis du syner
godvilje mot venen din? Kvifor hev du ikkje fylgt venen
din?» 18 Husai svara Absalom: «Nei, den som Herren
og folket og alle Israels-mennerne hev valt, til honom
vil eg høyra, hjå honom vil eg vera. 19 Dessutan: kven
er det eg tenar? Er det ikkje son hans? Like eins som
eg hev tent hjå far din, so vil eg no vera hjå deg.» 20
Absalom bad Ahitofel: «Kom med ei råd, kva skal me
gjera no.» 21 Ahitofel svara: «Ligg med fylgjekonorne
åt far din, som han let att til å vakta kongsgarden! Då
fær heile Israel høyra gjete at du hev gjort far din hatig
på deg. Og so fær dei nytt mod alle som hev fylgt
deg.» 22 So slo dei upp tjeld åt Absalom uppå taket.
Og Absalom låg med fylgjekonorne åt far sin, so heile
Israel såg på. 23 I dei dagarne galdt ei råd som Ahitofel
gav, like mykje som svar frå Gud. So mykje galdt alle
Ahitofels råder både hjå David og hjå Absalom.

**17** Ahitofel sagde med Absalom: «Lat meg velja
ut tolv tusund mann, so vil eg leggja i veg og
forfylgja David alt i natt! 2 So kjem eg brått yver honom
og skræmer honom medan han er trøytt og veik. Då vil
alle folki hans taka til rømings. So drep eg kongen
medan han er åleine. 3 So skal eg føra alt folket
attende til deg; for um det gjeng so med den mannen
du søkjer, er det som alle kjem attende; heile folket
vil halda fred.» 4 Absalom og alle dei øvste i Israel
lika godt den rådi. 5 Like vel sagde Absalom: «Ropa
ogso arkiten Husai inn! so fær me ogso høyra kva
han råder til.» 6 Då Husai kom inn til Absalom, sagde
Absalom til honom: «So og so hev Ahitofel sagt. Skal
me fylgja hans råd? I anna fall, kva meiner du?» 7
Husai svara Absalom: «Den rådi Ahitofel hev gjeve
denne gongen, er ikkje god. 8 Du kjenner far din og
folki hans, » sagde Husai, «du veit dei er fullgode
stridsfolk. Og hug-rame er dei no som ei binna dei hev
teke ungarne frå ute i marki. Far din er krigsmann, veit
du: han let ikkje folki leggja seg til kvile um natti. 9
No hev han visseleg løynt seg i einkvan helleren eller

einkvar annan staden. Skulde då sume av våre folk
falla i fyrstningi, so vil det koma ut at det hev vore stort
mannefall millom folki som fylgde Absalom. 10 Då vil
jamvel den djervaste heiltupp missa modet, um han
så hadde mod som ei løva. For heile Israel veit at far
din er ei kjempa, og at fylgjesveinarne hans er djerve
karar. 11 Difor er det mi råd, at du stemner saman til
deg heile Israel frå Dan til Be'erseba, so tallrikt som
sanden attmed havet. Og sjølv lyt du draga med i
striden. 12 Når me so finn honom einkvan staden, kvar
helst det no er, so fell me yver honom som doggi fell
på marki. Då skal det ikkje verta ein einaste att av
honom og alle fylgjesveinarne hans. 13 Ja, um han
so søkjer inn i ei borg, so vil heile Israel leggja reip
ikring henne og draga henne ned i dalen, til dess det
bid ikkje minste steinen att i henne.» 14 Då sagde
Absalom og alle Israels-mennerne: «Rådi åt arkiten
Husai er betre enn Ahitofels råd.» For Herren laga det
so at den gode rådi hans Ahitofel vart um inkjes. For
Herren vilde føra ulukke yver Absalom. 15 Husai melde
til prestarne Sadok og Abjatar: «Den og den rådi gav
Ahitofel åt Absalom og dei øvste i Israel. Men den og
den rådi gav eg. 16 Skunda dykk og send bod til David
med det ordet: «Natta ikkje yver attmed ferjestaderne i
øydemarki i natt, men gakk yver Jordan! Elles kann
kongen og alle folki hans verta tynte.»» 17 Jonatan og
Ahima'as heldt seg attmed En-Rogel. Dit kom jamt
ei tenestgjenta med melding til deim; og so bar dei
meldingi til David. Dei våga ikkje visa seg i byen. 18
Men ein unggut gådde deim og melde det til Absalom.
Då skunda dei seg burt båe, og kom heim til ein mann
i Bahurim. Han hadde ein brunn på garden sin. I den
steig dei ned. 19 So tok kona hans og breidde eit tæpe
yver brunn-opet, og strådde gryn uppå, so ingen gådde
noko. 20 Då tenarane åt Absalom kom inn i huset
til kona og spurde etter Ahima'as og Jonatan, svara
ho: «Dei gjekk yver den vesle bekken der.» Dei leita,
men fann inkje, og snudde so heim att til Jerusalem.
21 Då dei hadde fare sin veg, steig dei hine upp or
brunnen, og gjekk med meldingi til kong David. Dei
sagde til David: «Skunda deg, far yver vatnet! den og
den rådi hev Ahitofel gjeve um dykk.» 22 David braut
upp med alle fylgjesveinarne sine; og dei gjekk yver
Jordan. Um morgonen då dagen rann, vanta det ikkje
ein einaste. Alle var komne yver Jordan. 23 Då Ahitofel
såg at dei ikkje fylgde rådi hans, sala han asnet sitt,
steig uppå og reid heim til sin by. Og då han hadde
skila for seg, hengde han seg. Det var hans bane. Han
vart gravlagd i gravi åt far sin. 24 David var komen til
Mahanajim då Absalom med alle Israels-mennerne
gjekk yver Jordan. 25 Absalom hadde sett Amasa til
øvste herhovding i staden for Joab. Amasa var son åt
ein jizre'elit ved namn Jitra, som hadde halde seg med
Abigal, dotter til Nahas, syster til Seruja, mor åt Joab.
26 Israel og Absalom lægra seg i Gileadlandet. 27 Då
David kom til Mahanajim, hadde Sobi Nahasson frå
Rabba i Ammonitarlandet og Makir Ammielsson frå
Lo-Debar, og Barzillai, ein Gileads-mann frå Rogelim,
28 ført dit sengjer, skåler og kruskjerald. Og kveite,
bygg, mjøl, steikte aks, baunor, linsor, 29 honning,
tjukkmjølk, sauer og mjølk-ost hadde dei med seg til
mat åt David og folket hans. For dei tenkte: «Folki hev
vorte svoltne, trøytte og tyrste i øydemarki.»

**18** David mynstra folket sitt og sette førarar og
underførar yver deim. 2 So sende David ut
folket; den eine tridjeparten under Joab, den andre
tridjeparten under Abisai Serujason, bror åt Joab, og
den tridje under Ittai frå Gat. Og kongen sagde til
folket: «Eg er fast meint på å draga ut sjølv med dykk.»
3 Men dei svara: «Du fær ikkje draga ut. Um me lyt
røma, bryr ingen seg um oss. Um helvti av oss vert
drepne, bryr ingen seg um oss. Men du er no jamgod
med titusund av oss. Difor er det likare at du er budd på
å koma oss til hjelp frå byen.» 4 Kongen sagde: «Det
de meiner er best, det vil eg gjera.» So tok kongen
post attmed porten. Og heile heren drog ut i hundrad
og i tusund. 5 Kongen baud Joab, Abisai og Ittai: «Far
no varsamt med den unge mannen, med Absalom!»
Heile heren høyrde kva kongen baud herhovdingarne
um Absalom. 6 So drog heren ut i opi marki mot
Israel. Og det kom til slag i Efraimsskogen. 7 Der
vart Israels-heren slegen av Davids herfolk. Og vart
stort mannefall millom deim den dagen: tjuge tusund
mann. 8 Slaget spreidde seg utyver heile den kanten
av landet. Og skogen øydde fleire folk den dagen enn
sverdet. 9 Det bar so til at Absalom råka på nokre av
folki åt David. Han reid på eit muldyret. Og då muldyret
kom inn under dei tette greinerne av ei stor eik, vart
hovudet hans klemt fast millom greinerne. Og han vart
hangande millom himmel og jord. For muldyret han
reid på, sprang sin veg. 10 Ein mann som såg det,
melde det til Joab: «Eg fekk sjå Absalom hangande i
ei eik der burte.» 11 Joab spurde bodberaren: «Når du
såg det, kvifor slo du honom ikkje til marki med same?
So skulde eg gjerne ha gjeve deg ti sylvdalar og eit
belte for det.» 12 Mannen svara: «Um eg so skulde
fenge ti tusund sylvdalar upp i neven, so ikkje eg leggja
hand på kongssonen. Me høyrde då med eigne øyro
kor kongen baud deg og Abisai og Ittai: «Tak vare
på den unge mannen, på Absalom, for meg.» 13 Og
hadde eg gjort svik mot hans liv - for ingen ting vert
løynd for kongen - so vilde du halde deg utanfor.» 14
«Eg vil ikkje hefta tidi lenger meg deg, » sagde Joab,

treiv tri spjot i handi, og deim rende han i bringa på
Absalom, som endå hekk livande millom greinerne
på eiki. 15 So kom ti sveinar til, Joabs våpnsveinar,
og gav Absalom banehogg. 16 Joab bles i luren. Og
herfolket heldt upp med å forfylgja Israel, då Joab
baud deim stogga. 17 Dei tok og kasta Absalom i ei
stor grop i skogen, og hauga i hop ei veldug steinrøys
yver honom. Heile Israel tok til rømings kvar til seg.
18 Absalom sjølv hadde i livande live teke og reist
upp til minne for seg den merkesteinen som stend i
Kongsdalen; med di han sagde: «Eg hev ingen son til å
halda uppe namnet mitt!» Han kalla merkesteinen etter
sitt namn; og han heiter «Absaloms minne» endå den
dag i dag. 19 Ahima'as Sadoksson sagde: «Lat meg
skunda meg og melda kongen fagnadtiendi, at Herren
hev hjelpt honom til retten sin mot uvenerne sine!»
20 «Nei, » sagde Joab, «det vert inkje fagnadbod det du
hev å bera i dag. Ein annan dag kann du koma med
fagnadtiend. Men i dag vert det ingen fagnadtiend; for
det er son åt kongen som er avliden.» 21 So baud
Joab ein ætiop: «Gakk og meld kongen det du hev
set!» Ætiopen fall ned for Joab og sprang av stad. 22
Ahima'as Sadoksson bad Joab andre gongen: «Kome
kva kome vil: lat meg springa eg og, etter ætiopen!»
Joab svara: «Kvifor vil du det, guten min? Dette er då
ikkje nokor fagnadtiend, som du kann venta løn for!»
23 Han sagde: «Koma kva kome vil: eg spring!» «So
spring då!» sagde Joab. Og Ahima'as sprang, og tok
vegen yver Jordan-kverven og kom fyre ætiopen. 24
David sat inni dubbelporten. Og ein vaktmann steig
upp på porttaket innmed muren. Då han skoda ut, fekk
han sjå ein koma springande åleine. 25 Vaktmannen
ropa og melde det åt kongen. Då sagde kongen. «Er
han åleine, so hev han eit fagnadbod å bera fram. Men
medan han kom næmare, 26 fekk vaktmannen sjå ein
annan kom springande. Då ropa vaktmannen ned til
portvakti: «No ser eg ein til kjem springande åleine.»
Kongen sagde: «Han kjem og med fagnadbod.» 27
Vaktmannen sagde: Etter måten å springa på, tykkjer
eg den fyrste må vera Ahima'as Sadoksson.» Kongen
sagde: «Han er ein god mann! han kjem visseleg med
fagnadtidend.» 28 Ahima'as ropa til kongen: «Heil og
sæl!» So fall han å gruve til jordi framfor kongen og
sagde: «Lova vere Herren, din Gud! Han hev gjeve
deg dei mennerne som lyfte handi mot deg, herre
konge!» 29 Kongen spurde: «Stend det vel til med den
unge mannen, med Absalom?» Ahima'as svara: «Eg
såg ei stor mannemuge då Joab sende den andre
kongstenaren og meg. Men eg veit ikkje kva det galdt.»
30 Kongen sagde: «Gakk til sides, og statt der!» Han
so gjorde. 31 Nett då kom ætiopen. Han sagde: «Tak
imot fagnadbodet, herre konge, at i dag hev Herren
gjeve deg rett mot alle deim som reiste seg mot deg.»
32 Kongen spurde ætiopen: «Stend det vel til med den
unge mannen, med Absalom?» Ætiopen svara: «Gjev
det må ganga soleis med uvenerne dine, herre konge,
og med alle som reiser seg mot deg og vil gjera deg
mein, som det gjekk med den unge mannen!» 33 Då
vart kongen reint ille ved, gjekk upp i taksalen yver
porten, og gret. Og alt medan han gjekk, jamra han:
«Absalom, son min, Absalom, son min, son min! Gjev
eg hadde døytt i staden din! Absalom, son min, son
min!»

**19** Joab spurde at kongen gret og syrgde yver
Absalom. 2 Sigeren vart soleis umskift til ei stor
folkesorg den dagen. For herfolket høyrde gjete den
dagen at kongen bar sorg for son sin. 3 Folket stal seg
inn i byen den dagen, soleis som folk plar gjera når dei
skjemmest av di dei hev rømt frå slaget. 4 Kongen
hadde sveipt eit plagg kring andlitet sitt, og jamra med
høgt mål: «Absalom, son min! Absalom, son min, son
min!» 5 Då gjekk Joab inn i huset til kongen og sagde:
«Du hev i dag fenge alle tenarane dine til å raudna av
skam, endå dei i dag hev berga ditt liv og berga livet åt
sønerne og døtterne dine, åt konorne og fylgjekonorne
dine. 6 Du elskar då deim som hatar deg, og hatar deim
som elskar deg. Du hev kunngjort i dag at hovdingarne
og tenarane dine er inkjevetta for deg. Eg skynar det
no, at det vilde du ha lika godt: um Absalom hadde
vore i live, og alle me andre no vore drepne. 7 Ris
upp! gakk ut, og tala venleg med tenarane dine! Det
sver eg ved Herren: Gjer du ikkje det, so vil ikkje ein
einaste mann natta yver hjå deg i natt. Og det vil verta
større ulukka for deg enn alle andre ulukkor som hev
kome yver frå din ungdom til no.» 8 Då reis kongen
upp og sette seg i porten. Det vart kunngjort for alt
herfolket: «Sjå kongen sit no i porten.» Då kom dei
alle fram for kongen. Israel hadde rømt kvar til seg.
9 Og alt folket i alle Israels ætter tok til å tretta med
kvarandre og segja: «Kongen var det som fria oss frå
fiendarne våre og berga oss frå filistarane. No hev han
lote røma landet for Absalom. 10 Absalom, som me
salva til konge yver oss, han er drepen i krigen. Kvifor
drygjer de då med å få kongen attende?» 11 Alt dette
vart bore fram for kongen der han heldt seg. David
sende bod til prestarne Sadok og Abjatar og bad deim
bera fram dette bodet: «Tala so til dei øvste i Juda:
«Kvifor vil det vera dei siste til å henta kongen heim att
til kongsgarden?» 12 De er brørne mine! me er då
same folket! kvifor vil de då vera dei siste til å henta
kongen attende?» 13 Til Amasa bad han deim segja:
«Er ikkje me same folket? Gud late meg bøta no og
sidan, um ikkje du skal verta herhovdingen min for alle

tider i staden hans Joab.» **14** Han vann soleis Juda-
mennerne alle som ein, so dei sende dette bodet til
kongen: «Kom heim att, du og alle tenarane dine!» **15**
Då snudde kongen på heimvegen og kom til Jordan.
Juda-folket møtte kongen i Gilgal og førde honom
yver Jordan. **16** Og benjaminiten Sime'i Gerason frå
Bahurim skunda seg og drog ned med Juda-folket og
møtte kong David. **17** Med honom fylgde tusund mann
frå Benjamin. Like eins kom Siba, sveinen åt Sauls-
ætti, med femtan søner og tjuge tenarar. Dei kom
fram til Jordan fyre kongen. **18** Dei ferja yver og førde
kongslyden yver, og heldt på å ferja so som kongen
ynskte. Sime'i Gerason fall å gruve for kongen då han
skulde fara yver Jordan. **19** «Herre!» sagde han, «du
må ikkje rekna på illgjerningi mi, og ikkje koma i hug
kor ille tenaren din gjorde den dagen du, herre konge,
drog ut frå Jerusalem! Bry deg ikkje um det, konge!
**20** Tenaren din skyner eg forsynda meg mot deg den
gongen. Difor er eg i dag den fyrste av heile Josefs
hus som er komen til å møta deg, herre konge!» **21**
Abisai Serujason tok til ords og sagde: «Skulde ikkje
Sime'i lata livet for dette, at han banna den som Herren
hev salva?» **22** Men David svara: «Kva hev eg med
dykk, Seruja-søner, med di de er motmennerne mine i
dag? Ingen mann i Israel skal lata livet i dag. Eg veit:
i dag hev eg vorte konge yver Israel.» **23** So sagde
kongen til Sime'i: «Du skal ikkje døy!» Og kongen
gjorde eid på det. **24** Mefiboset, soneson åt Saul,
hadde og fare ned og møtt kongen. Han hadde ikkje
vølt føterne sine, ikkje greidt skjegget sitt, og heller
ikkje vaska klædi sine frå den dagen kongen drog burt,
heilt til den dagen han kom att med heilo. **25** Då no
kom til Jerusalem og møtte kongen, spurde kongen
honom: «Kvifor fylgde du ikkje med meg, Mefiboset?»
**26** Han svara: «Herre konge, tenaren min sveik meg.
Eg sagde: «Eg vil sala asnet mitt, stiga uppå og rida
med kongen; du veit eg er lam.» **27** Men han hev i
staden loge på meg for deg, herre konge. Like vel: du,
herre konge, er som Guds engel; gjer det du tykkjer
best! **28** Heile farshuset mitt fortente ikkje anna enn
daudedom av deg, herre konge! endå sette du meg
millom deim som fekk eta ved ditt bord. Kva hev eg då
rett å krevja meir? Og kva kann eg meir beda kongen
um?» **29** Kongen svara: «Du tarv ikkje tala meir um
det! Eg segjer: Du og Siba skal hava kvar sin lut av
jordeigedomen.» **30** Mefiboset svara kongen: «Han må
gjerne eiga alt i hop, sidan du, herre konge, no hev
kome att til kongsgarden med heilo.» **31** Barzillai frå
Gilead hadde og fare ned frå Rogelim, og drog so med
kongen til Jordan og fylgde honom yver Jordan. **32**
Barzillai var då ovleg gamall, åtteti år. Han hadde sytt
for kongen medan han heldt til i Mahanajim; for han var
ein rik mann. **33** Kongen baud no Barzillai: «Du skal
fylgja meg; so vil eg syta for deg hjå meg i Jerusalem.»
**34** Men Barzillai svara: «Kor lang tid hev eg att å liva,
so eg skulde fylgja kongen upp til Jerusalem? **35** Eg
er no åtteti år, eg. Kann eg då skilja millom godt og
låkt? Eller kann eg smaka kva eg et eller drikk? Eller
kann eg njota å lyda på songarar og songmøyar?
Kvifor skulde eg då meir vera til bry for deg, herre
konge? **36** Berre eit stykke på veg vilde tenaren din
fara med kongen yver Jordan. Kvifor skulde kongen
gjeva meg vederlag soleis? **37** Lat tenaren din fara
heim att og døy i heimbyen min, der som far og mor
ligg gravlagde! Men her er Kimham, tenaren din! Lat
honom fylgja med deg, herre konge, og gjer for honom
det du tykkjer!» **38** Kongen svara: «So skal Kimham
fylgja med meg. Og eg vil gjera mot honom det du
ynskjer. Og alt du bed meg um, skal eg gjera.» **39**
So gjekk alt folket yver Jordan; og kongen sjølv gjekk
yver. Kongen kysste Barzillai og tok farvel med honom.
Og so vende han heim att. **40** Kongen drog til Gilgal.
Kimham fylgde med, og alle Juda-mennerne. Saman
med helvti av Israels-mennerne førde dei kongen dit
yver. **41** Då kom alle Israels-mennerne til kongen og
sagde: «Kvifor hev brørne våre, Juda-mennerne, stole
seg til å få tak i deg og føra kongen og lyden hans og
alle Davids-tenarane yver Jordan?» **42** Juda-mennerne
svara Israels-mennerne: «Kongen stend då næmare
oss. Kvifor er de harme for det? Hev me livt på kongen,
eller fenge nokor gåva?» **43** Israels-mennerne svara
Juda-mennerne: «Ti gonger større lut enn de hev me i
honom som er konge, soleis ogso i David. Kvifor hev
de vanvyrdt oss? Var det ikkje me som fyrst tala um å
henta kongen vår heim?» Det svaret Juda-mennerne
gav, var endå argare enn det Israels-mennerne hadde
gjeve.

**20** No var det der ei uvyrda ved namn Seba Bikrison,
ein benjaminit. Han bles i luren og ropa: «Me hev
ingen lut i David og ingen arvlut i Isaisonen. Heim att
kvar til seg, Israels menner!» **2** Alle Israels-mennerne
gjekk då frå David og fylgde Seba Bikrison. Men Juda-
mennerne heldt fast ved kongen sin, og fylgde honom
frå Jordan heilt til Jerusalem. **3** So kom då David til
kongsgarden sin i Jerusalem. Kongen tok då dei ti
fylgjekonorne som han hadde late etter seg til å vakta
kongsgarden og sette deim under vakt i eit hus for seg
sjølve. Han gav deim upphelde; men han heldt seg
ikkje med deim. Der budde dei no innestengde til sin
døyande dag og livde som enkjor alle sine dagar. **4**
Kongen baud Amasa: «Bjod ut Juda-herfolket åt meg
og møt fram med deim innan tri dagar!» **5** Amasa
gjekk og baud ut Juda. Men han drygde utyver den
fresten han hadde fenge. **6** Då sagde David til Abisai:

«No kjem Seba Bikrison til å gjera oss meir ilt enn
Absalom. Tak du tenarane åt herren din! Set etter
honom fyrr han fær hertaka nokor borg og gjera oss
for mykje sut!» 7 Joabs-mennerne drog då av stad
etter honom med livvakti og alt stridsfolket. Dei drog ut
frå Jerusalem og sette etter Seba Bikrison. 8 Då dei
hadde nått til den store steinen ved Gibeon, møtte
dei Amasa med sine hermenner. Joab var klædd i
våpnkjole som han var van, med belte um livet og
sverd i slira. Då han gjekk fram, datt sverdet ut. 9 Joab
spurde Amasa: «Kor stend det til med deg, bror?»
og tok med høgre handi Amasa i skjegget og vilde
kyssa honom. 10 Amasa vara seg ikkje for sverdet
som Joab hadde i hi handi. Dermed gav han honom
ein støyt i livet, so innvolarne rann ut på marki. Og han
døydde på flekken, berre av det. Joab og Abisai, bror
hans, heldt fram og forfylgde Seba Bikrison. 11 Ein av
tenarane åt Joab stod der attmed og ropa: «Alle som
likar Joab og held med David, fylgje etter Joab!» 12
Men då mannen såg at alle stogga attmed Amasa, der
som han låg midt i vegen kring-velt i sitt eige blod,
skuva han liket undan og kasta ei kappa yver; for han
såg kor alle stogga når dei kom dit. 13 Og då liket var
teke or vegen, drog alle framum og fylgde Joab og elte
Seba Bikrison. 14 Han hadde i millomtidi fare igjenom
alle ætterne i Israel til Abel og Bet-Ma'aka, og kasta
seg inn i byen. Og folki hans stemnde i hop og fylgde
honom dit inn. 15 Dei hine kom og kringsette honom
der i Abel Bet-Ma'aka og kasta upp ein voll mot byen
innimot ytremuren. Alt folket åt Joab stræva med å få
muren til å falla, og riva honom ned. 16 Då ropa ei
klok kona frå byen: «Høyr her! Seg Joab han kjem
hit, so eg fær tala med honom!» 17 Då han kom fram
til kona, spurde ho: «Er du Joab?» Han svara ja. Ho
sagde: «Høyr det tenestkvinna di segjer!» Han svara:
«Ja vel.» 18 Då sagde ho: «Fyrr i tidi pla dei segja: «I
Abel skal ein spyrja etter råd; » so kunde ein gjera det
ein etla seg til. 19 Eg er den fredsamaste og trugnaste
i heile Israel. Du freistar øyda ein by som er ei mor i
Israel! Kvifor vil du øydeleggja Herrens eige folk?» 20
Joab svara: «Aldri i verdi vil eg øydeleggja og tyna.
21 Det hev seg ikkje so. Men ein mann frå Efraims
fjellbygd - Seba Bikrison heiter han - hev reist seg
mot kong David. Gjev honom yver til oss, so dreg eg
burt frå byen.» Kona svara Joab: «Hovudet hans skal
verta utkasta til deg yver muren.» 22 Kona kom då til
byfolket med si kloke råd. Dei hogg hovudet av Seba
Bikrison og kasta det ut til Joab. Då bles han i luren, at
herfolket skulde draga burt. Og dei for kvar til seg.
Joab snudde heim att til kongen i Jerusalem. 23 Joab
var no øvste herhovding yver heile krigsheren i Israel.
Og Benaja Jojadason var hovding yver livvakti. 24
Adoram hadde uppsyn med pliktarbeidet for kongen.
Josafat Ahiludsson var kanslar. 25 Seja var riksskrivar.
Sadok og Abjatar var prestar. 26 Dessutan var Ira av
Ja'irs-ætti prest hjå David.

**21** I Davids tid kom tri store uår etter kvarandre. Då
gjorde David spursmål til Herren um det. Herren
svara: «På Saul og hans hus kvilar blodskuld, av di
han drap gibeonitarne.» 2 Kongen kalla då til seg
Gibeon-mennerne og tala med deim. Gibeonitarne var
ikkje israelitar, men var ei atterleiva av amoritarne.
Endå Israels-borni hadde gjort eiden sin til deim, hadde
Saul vore so ihuga for Israels-borni og for Juda, at han
freista tyna deim. 3 David spurde no gibeonitarne: «Kva
kann eg gjera for dykk? Korleis kann eg sona brotet,
so de vil velsigna Herrens arvlut?» 4 Gibeonitarne
svara: «Ikkje sylv og gull krev me av Saul og hans
hus. Og ikkje hev me lov å drepa nokon mann i
Israel.» Han spurde: «Kva ynskjer det då eg skal
gjera for dykk?» 5 Dei svara kongen: «Den mannen
som vilde tyna oss og tenktest rydja oss ut, so me
ikkje lenger skulde få halda oss nokon stad innanfor
Israels landskil, 6 av hans etterkomarar må det gjeva
oss sju mann, og me vil leggja deim på stegl for
Herrens augo i Sauls Gibea, han som Herren valde
ut.» Kongen sagde: «De skal eg gjera.» 7 Kongen
sparde Mefiboset Jonatansson, soneson åt Saul, for
skuld den eiden ved Herren som David og Jonatan
Saulsson hadde svore einannan. 8 Derimot tok kongen
dei tvo sønerne Armoni og Mefiboset som Saul hadde
fenge med Rispa Ajadotter, og dei fem sønerne som
Adriel Barzillaison frå Mehola hadde fenge med Mikal
Saulsdotter. 9 Deim gav han yver til gibeonitarne. Og
dei lagde deim på stegl på fjellet for Herrens augo.
Dei fekk sin bane alle sju på ein gong. Det var dei
fyrste skurddagarne, då byggskurden tok til, at dei
let livet. 10 Rispa Ajadotter tok syrgjebunaden sin og
breidde ut uppå fjellet frå skurdonni tok til, og til dess
det strøymde regn yver deim frå himmelen. Ho let
ikkje fuglarne under himmelen slå ned på deim um
dagen, heller ikkje villdyri frå marki um natti. 11 Då
David spurde det Rispa Ajadotter, fylgjekona åt Saul,
hadde gjort, 12 drog David av stad og let henta beini
etter Saul og Jonatan, son hans, hjå borgarne i Jabes
i Gilead. Dei hadde i løynd teke liki frå torget i Bet-
San, der som filistarane hadde hengt deim upp då dei
hadde slege Saul på Gilboa. 13 Då han fekk ført beini
etter Saul og Jonatan, son hans, upp derifrå, sanka
dei i hop beini etter deim som var lagde på stegl, 14
og gravlagde deim saman med beini etter Saul og
Jonatan, son hans, i Benjaminslandet, i Sela, i gravi
åt Kis, far hans. Dei gjorde alt det kongen baud. Og
etterpå det vende Gud sin nåde til landet. 15 Det vart

krig millom filistarane og Israel att. David drog ned med
tenarane sine; og dei slost med filistarane. Men David
trøytna. 16 Jisbo-Benob, ein ætting av Rafa - han
hadde eit spjot som vog tri hundrad lodd kopar, og han
hadde spent um seg eit nytt sverd - han tenktest drepa
David. 17 Men Abisai Serujason hjelpte kongen og gav
filistaren banehogg. Då svor Davids menner ein eid til
honom, og sagde: «Du må aldri meir draga ut med oss
i strid. Elles kann Israels lampa slokna.» 18 So hende
det sidan at det stod ein bardage med filistarane ved
Gob. Då slo husatiten Sibbekai Saf av Rafa-ætti. 19
Då det endå ein gong stod eit slag mot filistarane ved
Gob, gav Elhanan, son åt Ja'are-Orgim frå Betlehem,
Goliat frå Gat banehogg, han som hadde eit spjotskaft
so stort som ein vevbom. 20 Då det vart eit slag att
ved Gat, var der ein storvaksen mann som hadde seks
fingrar på kvar hand og seks tær på kvar fot, fire og
tjuge til saman. Han var ogso utstokken frå Rafa-ætti.
21 Han svivyrde Israels-mennerne. Jonatan, son åt
Simea, bror åt David, gav honom difor banehugg. 22
Desse fire var ætta frå Rafa i Gat. Og dei fall for David
og mennerne hans.

**22** David kvad dette kvædet åt Herren då Herren
hadde frelst honom frå alle uvenerne sine, og frå
Saul: 2 «Herren er mitt berg og mi festning og min
frelsar. 3 Gud er mitt berg som eg flyr til! Min skjold
og mitt frelseshorn Mi høge borg! mi livd! Frelsaren
min som friar meg ifrå vald! 4 Eg kallar på Herren,
den høglova: Frå fiendarne mine frelsar han meg. 5
Daudens brot og brand kringsette meg. Straumar av
vondskap skræmde meg. 6 Helheims reip var snørde
ikring meg. Daudsens snaror fanga meg. (Sheol h7585)
7 Men Herren kalla eg på i mi trengsla, eg ropa til min
Gud. Han høyrde frå templet sitt røysti mi, mitt rop
rakk fram til øyro hans. 8 Jordi skok seg og skalv,
himmelens grunnvollar dirra, Dei skok seg, for harmen
hans loga upp: 9 Røyk steig upp frå nasen hans,
eld frå munnen hans åt ikring seg, gloande kol loga
frå honom. 10 Han lægde himmelen og steig ned,
med kolmyrker under føterne sine. 11 Han for fram
på kerub og flaug og sveiv på vengjerne åt vinden.
12 Myrkret gjorde han til åklæde kring seg, tjeldet
hans var myrke vatn, tjukke skyer. 13 Frå glansen
fyre andlitet hans brann gloande kol. 14 Herren tora i
himmelen, den Høgste let høyra si røyst: 15 Pilerne
sine skaut han og spreidde deim, eldingar sende han
og fortulla deim. 16 Djupålarne i havet kom upp i
dagen, grunnvollarne i jordi vart berrsynte ved Herrens
trugsmål, ved andepusten frå hans nase. 17 Han rette
ut handi frå høgdi og greip meg, han drog meg upp
or store vatn. 18 Han frelste meg frå min megtige
fiende, frå uvenern' mine, dei var meg for sterke. 19
Dei for imot meg på motgangsdagen; men Herren vart
studnaden min. 20 Han førde meg ut i vidt rom. Han
frelste meg, for han hadde hugnad i meg. 21 Herren
gjorde med meg etter rettferdi mi, han lønte meg etter
reinleiken i henderne mine. 22 For eg tok vare på
Herrens vegar, fall ikkje i vondskap frå min Gud. 23
Nei, alle hans rettar hadde eg for auga, bodordi hans
veik eg ikkje ifrå. 24 So var eg ulastande for honom
og tok meg i vare for mi synd. 25 Og Herren lønte
meg etter mi rettferd, etter reinleiken min for hans
augo. 26 Mot den godlyndte syner du deg godlyndt,
mot ulastande kjempa ulastande. 27 Mot den reine
syner du deg rein, mot den rangsnudde syner du deg
rang. 28 For du frelsar arme folk, men augo dine er
mot dei ovmodige til å tvinga deim ned. 29 For du er
mi lampa, Herre, og Herren gjer myrkret mitt bjart.
30 Ved deg eg renner mot herflokkar, ved min Gud
stormar eg murar. 31 Gud, ulastande er hans veg;
Herrens ord er skirt, han er ein skjold for alle deim
som flyr til honom. 32 For kven er Gud forutan Herren?
Kven er eit berg utan vår Gud? 33 Gud, han som
gyrder meg med kraft, og leider den ulastande på hans
veg, 34 som gjev meg føter liksom hindarne, og set
meg upp på høgderne mine, 35 som lærer henderne
mine upp til strid, so armarne spenner koparbogen.
36 Du gav meg frelsa di til skjold, og småminkingi di
ho gjorde meg stor. 37 Du gjorde rom for stigi mine,
og oklo mine vagga ikkje. 38 Eg forfylgde fiendarne
mine og tynte deim. Eg vende ikkje um fyrr eg fekk
gjort ende på deim. 39 Eg gjorde ende på deim og slo
deim i knas, so dei vann ikkje reisa seg. Dei fall under
føterne mine. 40 Du gyrde meg med kraft til striden. Du
bøygde motmennern' mine under meg. 41 Fiendarne
mine let du snu ryggen til meg, deim som hatar meg,
rudde eg ut. 42 Dei såg seg um - men ingen frelste -
til Herren, men han svara deim ikkje. 43 Eg smuldra
deim som dust på jordi; som søyla på gator krasa
eg deim; eg trakka deim ned. 44 Du frelste meg ut
or mitt folks ufred, til hovud for heidningar vara du
meg; folk som eg ikkje kjende, tente meg. 45 Ukjende
folk smeikte for meg, ved gjetordet um meg lydde dei
meg. 46 Ja, framandfolk visna av, gjekk skjelvande ut
or borgerne sine. 47 Herren liver! lova vere han, mitt
berg! Ja, upphøgd vere Gud, mitt frelse-berg, 48 Gud
som gjev meg hemn, legg folkeslag under meg 49 og
fører meg ut frå fiendarne mine! Ja - du som lyfter meg
høgt yver motmennern' mine og bergar meg undan
frå valdsmanns hand! 50 Difor, Herre, vil eg prisa deg
millom heidningarn', og lovsyngja ditt namn. 51 For
han gjer kongen sin sigersæl, gjer miskunn mot honom
han salva, mot David og ætti hans til æveleg tid.»

**23** Dette er Davids siste ord: «So lyder ordi frå
David, Isaisonen, so lyder ordi frå mannen som
vart upphøgd, han som Jakobs Gud hev salva, Israels
ljuvlege songmeister: **2** Herrens Ande hev tala i meg,
ordi hans er på tunga mi. **3** Israels Gud hev tala
so, Israels berg hev sagt til meg: Den som råder og
gjer rett millom menn, den som rikjer i otte for Gud;
**4** han likjest på dagsprett når soli renn, ein morgon
forutan skyer, når graset grønkast i sol etter regn.
**5** Er det'kje so med mitt hus hjå Gud? Han gjorde
ævelegt samband med meg, feste og trygde meg heilt
og fullt. Ja, alt som vert meg til frelsa og gleda, det
let han visseleg veksa åt meg. **6** Men uvyrdor likjest
alle på utkasta tornar, ein vil ikkje taka i deim med
hender. **7** Lyt ein røra deim væpnar ein seg med
jarn og med spjotskaft; so set ein eld på deim og
brenner deim på flekken.» **8** Dette er namni på dei
djervaste stridsmennerne åt David: Joseb-Bassebet,
tahkmoniten, den fremste av kjemporne, han som
svinga spjotet yver åtte hundrad falne på ein gong.
**9** Næst honom kom Eleazar, son åt Dodi, son åt ein
ahohit. Han var ein av dei tri stridsmennerne som
var med David, då filistarane samla seg til strid og
svivyrde deim då Israels-mennerne drog seg attende.
**10** Men han heldt stand og hogg laust på filistarane,
til dess handi hans trøytna, so ho trena i hop kring
sverdet. Og Herren gav ein stor siger den dagen.
Etterpå hadde folket berre å snu um og fylgja med
honom og plundra. **11** Næst honom kom Samma, son
åt Age, ein hararit. Ein gong stemnde filistarane i hop
og vart til ein heil flokk. Der var ein åkerteig full av
linsor. Folket rømde for filistarane. **12** Då tok han post
midt på åkerteigen og verna honom, og slo filistarane.
Herren gav ein stor siger. **13** Ein gong drog tri av dei
tretti fremste kararne ned, og kom i skurdonni til David
i Adullams-helleren, medan ein filistarflokk låg i læger i
Refa'imsdalen. **14** David var då i fjellborgi, samstundes
med at ein filistarpost låg i Betlehem. **15** David fekk
slik hug og sagde: «Gjev einkvan vilde gjeva meg vatn
å drikka frå brunnen ved byporten i Betlehem!» **16** Då
braut dei tri stridsmennerne seg gjenom filistarlægret,
auste vatn or brunnen ved byporten i Betlehem og
bar det til David. Men han vilde ikkje drikka det, men
helte det ut for Herren. **17** For han sagde: «Aldri i
verdi, Herre, vil eg gjera dette! Skulde eg drikka blodet
av dei mennerne som gjekk av stad og våga livet
sitt?» Og han vilde ikkje drikka det. - Sovore hadde
dei tri stridsmennerne gjort. **18** Abisai, bror åt Joab
Serujason, var den fremste av tri andre. Ein gong
svinga han spjotet sitt yver tri hundrad falne. Han
hadde eit stort namn millom dei tri; **19** han var visseleg
meir vyrd enn nokon annan i dette trimannslaget;
og han var hovding yver dei hine. Men upp til dei
tri fyrste nådde han ikkje. **20** Benaja Jojadason var
son til ein djerv og dådrik mann frå Kabse'el. Han slo
dei tvo Ariel i Moab. Det var han som steig ned ein
snøversdag og drap løva i brunnen. **21** Han drap og
den egyptaren som var so sjåleg. Endå egyptaren
hadde spjot i hand, gjekk han på honom berre med
ein stav. Han reiv spjotet ut or handi på egyptaren og
drap honom med hans eige spjot. **22** Sovore hadde
Benaja Jojadason gjort. Han hadde eit stort namn
millom dei tri stridsmennerne. **23** Han var meir vyrd
enn nokon av dei tretti. Men upp til dei tri nådde han
ikkje. David sette honom inn i livvakti si. **24** Til dei
tretti høyrde: Asael, bror åt Joab, Elhanan Dodoson
frå Betlehem, **25** Samma frå Harod, Elika frå Harod,
**26** Heles, paltiten, Ira Ikkesson frå Tekoa, **27** Abiezer
frå Anatot, husatiten Mebunnai, **28** ahotiten Salmon,
netofatiten Maharai, **29** netofatiten Heleb Ba'anason,
Ittai Ribaison frå Gibea i Benjamins-ætti, **30** Benaja,
ein piratonit, Hiddai frå Ga'asdalarne, **31** arbatiten Abi-
Albon, barhumiten Azmavet, **32** sa'alboniten Eljahba,
Bene-Jasen, Jonatan, **33** harariten Samma, arariten
Ahiam Sararsson, **34** Elifelet, son åt Ahasbai, son
åt ma'akatiten, Eliam Ahitofelsson frå Gilo, **35** Hesro
frå Karmel, arbiten Pa'arai, **36** Jigal Natansson frå
Soba, gaditen Bani, **37** ammoniten Selek, be'erotiten
Naharai, våpnsveinen åt Joab Serujason, **38** jitriten Ir,
jitriten Gareb, **39** hetiten Uria. I alt var dei sju og tretti.

**24** Herrens harm loga upp mot Israel att, so eggja
David mot deim og sagde: «Gakk av stad og tel
Israel og Juda!» **2** Då baud kongen Joab, herhovdingen
som var hjå honom: «Far gjenom alle ættarne i Israel
frå Dan alt til Be'erseba og mynstra folket, so eg kann
få vita folketalet! **3** Joab svara kongen: «Gjev Herren,
din Gud, må gjera dette folket hundrad gonger so talrikt
som det er! Og gjev du, herre konge, må få sjå det med
eigne augo! Men kvifor hev du, herre konge, fenge
hug på sovore?» **4** Like ved stod kongsbodet fast.
Joab og dei hine herhovdingarne laut lyda. Joab og
dei hine herhovdingarne drog då ut i kongens ærend
og mynstra Israels-folket. **5** Dei gjekk yver Jordan
og slo lægra seg ved Aroer på høgre sida av byen, i
Gadsdalen burtimot Jazer. **6** Derifrå kom dei til Gilead
og Tatim-Hodsilandet. So kom dei til Dan-Ja'an, og so
rundt ikring til Sidon. **7** Deretter kom dei til festningi i
Tyrus og alle hevitarbyarne og kananitarbyarne. Til
slutt drog dei til Be'erseba i Juda-sudlandet. **8** Då
dei hadde fare soleis gjenom heile landet, kom dei
heim til Jerusalem. Ferdi hadde teke ni månader og
tjuge dagar. **9** Joab gav upp åt kongen heile talet som
folketeljingi synte: Israel åtte hundrad tusund fullgode
våpnføre stridsmenner, og Juda-folki fem hundrad

tusund. 10 Men David fekk samvitsagg etter han hadde
talt folket. Og David sagde til Herren: «Eg hev synda
grovt med det eg hev gjort. Men tilgjev no, Herre,
illgjerdi åt tenaren din! for det var mykje uvisleg gjort
av meg.» 11 Då David reis upp um morgonen, var
Herrens ord kome til profeten Gad, sjåaren åt David.
Han hadde sagt: 12 Gakk og seg med David: «So
segjer Herren: Tri ting legg eg fram for deg; vel ein
av deim som du vil eg skal gjera med deg!»» 13
Gad gjekk inn til David og forkynte honom dette. Han
spurde honom: «Vil du at det skal koma sju store uår
i landet ditt? Eller vil du i tri månader ljota røma for
uvenerne dine med dei forfylgjer deg? Eller at eg skal
søkja landet ditt med drepsott i tri dagar? Tenk no yver
det, og sjå til kva svar eg skal gjeva honom som hev
sendt meg!» 14 David svara Gad: «Eg er i stor vande.
Men lat oss då falla i Herrens hand! for hans miskunn
er stor. I menneskjehand vil eg ikkje falla.» 15 So
søkte Herren Israel med drepsott frå morgonen til den
fastsette tidi. Sju og sytti tusund mann døydde av folket
frå Dan til Be'erseba. 16 Men då engelen rette ut handi
yver Jerusalem og vilde tyna det, so angra Herren det
vonde. Og han sagde til engelen som tynte folket: «Det
er nok! Drag no handi di attende!» Og Herrens engel
var då ved treskjarvollen åt jebusiten Aravna. 17 Men
då David fekk sjå engelen som herja millom folket, tala
han so til Herren: «Det er då eg som hev synda, det er
eg som hev fare gale! men desse sauerne - kva hev
dei gjort? Gjev handi di må venda seg mot meg og
farshuset mitt!» 18 Og Gad kom til David same dagen
og sagde til honom: «Gakk av stad og reis eit altar
åt Herren på treskjarvollen åt jebusiten Aravna!» 19
David gjekk av stad etter Gads ord, so som Herren
hadde bode honom. 20 Då Aravna skoda ut og fekk sjå
kongen og kongstenarane koma til honom, gjekk han
ut og fall å gruve til jordi framfor kongen. 21 Aravna
spurde: «Kvifor kjem du, herre konge, til tenaren din?»
David svara: «Eg vil kjøpa treskjarvollen av deg og
byggja der eit altar åt Herren, so sotti må stana som
hev herja folket.» 22 Då sagde Aravna med David:
«Tak du og ofra kva du tykkjer høvlegast, herre konge!
Her er fe til brennoffer. Her er treskjarvogni og oket
på feet til ved. 23 Alt saman, konge, gjev Aravna
kongen.» Og Aravna lagde til: «Gjev Herren, din Gud,
må hava hugnad i deg!» 24 Kongen svara Aravna:
«Nei, eg vil kjøpa det av deg for full pris. Eg vil ikkje
ofra åt Herren, min Gud, brennoffer som ingen ting
kostar.» So kjøpte David treskjarvollen og feet for femti
sylvdalar. 25 David bygde der eit altar åt Herren, og
ofra brennoffer og takkoffer. Då bønhøyrde Herren
landet. Og då stana sotti som hadde herja Israel.

# 1 Kongebok

**1** Kong David var no gamall og ut i åri komen, og han
kunde ikkje halda varmen i seg, endå dei bredde
klæde yver honom. **2** Då sagde tenarane hans til
honom: «Ein trong finna ei ung kvinna åt min herre
kongen, ei ung møy som kunde vera hjå kongen
og vyrdsla honom. Fekk ho liggja i fanget ditt, vart
min herre kongen varm.» **3** So leita dei då i heile
Israelslandet etter ei fager gjenta, og dei fann Abisag
frå Sunem og for til kongen med henne. **4** Det var
ei ovende væn gjenta; ho stelte for kongen og tente
honom. Men elles hadde ikkje kongen umgjenge med
henne. **5** Men Adonia, som var son åt Haggit, gjorde
seg sjølv høg og sagde: «Eg vil vera konge.» Han fekk
seg vogner og hestfolk og femti mann som skulde
springa fyre honom. **6** Far hans hadde aldri såra
honom noko sinn og sagt: «Kvi fer du soleis åt?» Han
var attåt født ein ovvæn kar, og mor hans hadde født
honom næst etter Absalom. **7** Han gjekk på råd med
Joab Serujason og med presten Abjatar, og dei slo lag
med Adonia og hjelpte honom. **8** Presten Sadok og
Benaja Jojadason og profeten Natan, Sime'i og Re'i
og stridskjemporne åt David heldt derimot ikkje med
Adonia. **9** Adonia slagta småfe og uksar og gjødkalvar
ved Ormsteinen, som ligg attmed Rogel-kjelda; og han
bad til seg dit alle brørne sine, kongssønerne, og alle
dei Juda-menner som var i tenesta hjå kongen. **10**
Men profeten Natan og Benaja og stridskjemporne og
Salomo, bror sin, bad han ikkje. **11** Då tala Natan til
Batseba, mor åt Salomo, soleis: «Du hev vel høyrt
at Adonia, son åt Haggit, er vorten konge utan at
vår herre David veit noko det um det? **12** No vil eg
gjeva deg ei råd, so du kann berga livet for deg sjølv
og for Salomo, son din! **13** Gakk inn til kong David
og seg til honom: «Herre konge, hev du ikkje lova
tenestkvinna di med eid at Salomo, son min, skal verta
konge etter deg og sitja i din kongsstol? Kvifor hev
då Adonia vorte konge?» **14** Og medan du stend der
og talar med kongen, skal eg koma inn og sanna det
du segjer.» **15** Batseba gjekk då inn i sengromet til
kongen. Kongen var mykje gamall no, og Abisag frå
Sunem tente honom. **16** Batseba bøygde seg og kasta
seg ned for kongen. Då spurde kongen: «Kva er det
du vil?» **17** Ho svara honom: «Herre, ved Herren, din
Gud, hev du lova tenestkvinna di med eid, at Salomo,
son min, skal vera konge etter deg; han skal sitja
i kongsstolen din. **18** Men sjå no er Adonia vorten
konge, utan at du, herre konge, veit um det. **19** Han
hev slagta uksar og gjødkalvar og småfe i mengd og
bede til seg alle kongssønerne og presten Abjatar og
herføraren Joab; men Salomo, tenaren din, hev han
ikkje bede. **20** Heile Israel vender no augo til deg, herre
konge, og ventar at du skal kunngjera kven som skal
sitja i kongsstolen etter dine dagar, herre konge. **21**
Utan kann det henda, at når min herre kongen hev lagt
seg til kvile hjå federne sine, so vert eg og Salomo, son
min, rekna for brotsmenner.» **22** Medan ho endå stod
der og tala med kongen, kom profeten Natan. **23** Og
dei vitra kongen um det og sagde: «Profeten Natan er
her.» Han steig fram for kongen og kasta seg å gruve
på jordi for honom. **24** So sagde Natan: «Herre konge,
er det so du hev sagt at Adonia skal verta konge etter
deg, at han skal sitja i kongsstolen din? **25** Ja, for i dag
hev han fare ned og slagta uksar og gjødkalvar og
sauer i mengd og hev bede til seg alle kongssønerne
og herførarane og presten Abjatar, og no et dei og drikk
dei i lag med honom og ropar: «Live kong Adonia!» **26**
Men meg, tenaren din, og presten Sadok og Benaja
Jojadason og din tenar Salomo hev han ikkje bede.
**27** Kann dette vera gjort etter din vilje, herre konge,
utan at du hev late tenarane dine vita kven som skal
sitja i kongsstolen din etter deg, herre konge?» **28**
Då svara kong David og sagde: «Ropa Batseba hit
til meg!» Ho steig hitåt, og då ho stod der framfor
kongen, **29** svor kongen og sagde: «So sant Herren
liver, han som hev løyst meg or all trengsla: **30** liksom
eg fyrr hev svore deg til ved Herren, Israels Gud, og
sagt at Salomo, son din, skal verta konge etter meg og
sitja i kongsstolen i min stad, so gjer eg det og i dag.»
**31** Då bøygde Batseba seg med andlitet mot jordi og
kasta seg ned for kongen og sagde: «Gjev herren min,
kong David, må liva i all æva!» **32** Og kong David
sagde: «Ropa inn til meg presten Sadok og profeten
Natan og Benaja Jojadason!» Då dei kom fram for
kongen, **33** sagde kongen til deim: «Tak tenarane åt
herren dykkar med dykk og set Salomo, son min, på
mitt eige muldyr og far med honom ned til Gihon. **34**
Der skal Sadok, presten, og Natan, profeten, salva
honom til konge yver Israel, og de skal blåsa i lur og
ropa: «Live kong Salomo!» **35** So skal de fylgja honom
upp att, og han skal koma og setja seg i kongsstolen
min; og han skal vera konge i min stad. For det er
honom eg hev sett til hovding yver Israel og Juda.» **36**
Då svara Benaja Jojadason kongen og sagde: «Amen!
Må Herren, din Gud, herre konge, segja det same! **37**
Herren vere Salomo som Herren hev vore med deg,
herre konge, og gjere hans kongsstol endå veldugare
enn kongsstolen til min herre, kong David!» **38** So
gjekk då presten Sadok og profeten Natan og Benaja
Jojadason saman med livvakti av og sette Salomo
på muldyret åt kong David og for med honom ned til
Gihon. **39** Og presten Sadok tok oljehornet or tjeldet
og salva Salomo; so blæs dei i lur, og heile lyden ropa:

«Live kong Salomo!» 40 Sidan fylgde heile folkemengdi
honom upp att med slik fløyteblåster og stor fagnad
at jordi kunde ha rivna av ropi deira. 41 Men Adonia
og alle gjesterne som var hjå honom, høyrde dette
nettupp då dei var ferdige med måltidi; og då Joab
høyrde lurblåsteren, sagde han: «Kva er dette for glam
og ståk i byen?» 42 I same stundi kom Jonatan, son åt
presten Abjatar, og Adonia sagde: «Kom hit! du er ein
fagnamann, som visst hev eit gledebod å bera.» 43
Men Jonatan svara honom: «Å nei då; herren vår, kong
David, hev gjort Salomo til konge. 44 Kongen sende
presten Sadok og profeten Natan og Benaja Jojadason
og livvakti i veg med honom, dei hev sett honom på
muldyret åt kongen. 45 So hev presten Sadok og
profeten Natan salva honom til konge i Gihon, og med
fagnad hev dei fare upp att derifrå, og heile byen er
komen på føterne. Det er det ståket de hev høyrt.
46 Salomo hev no alt og sett seg i kongsstolen. 47
Og kongsmennerne er komne og hev ynskt vår herre
kong David til lukka og sagt: «Gjev no din Gud vil lata
namnet åt Salomo verta endå gjævare enn ditt eige, og
kongsstolen hans endå veldugare enn din kongsstol!»
Og kongen heldt bøn på lega si. 48 Kongen hev og
sagt: «Lova vere Herren, Israels Gud, som i dag hev
sett ein ettermann i kongsstolen min, so eg kann sjå
det med eigne augo!»» 49 Då vart alle gjesterne hjå
Adonia forstøkte, reis upp og tok ut kvar sin veg. 50
Men Adonia ræddast Salomo, so han reis upp og gjekk
av og greip um altarhorni. 51 Og dei vitra Salomo um
det og sagde: «Sjå, Adonia ræddast kong Salomo;
difor hev han gripe um altarhorni og segjer: «Kong
Salomo skal lova meg med eid i dag at han ikkje drep
tenaren sin med sverd.»» 52 Då sagde Salomo: «Vil
han bera seg åt som ein fagnamann, so skal ikkje eit
hår av hovudet hans falla til jordi; men syner det seg
at han fer med noko vondt, so skal han døy.» 53 So
sende kong Salomo folk av stad, og dei førde honom
ned ifrå altaret; han kom då og kasta seg ned for kong
Salomo, og Salomo sagde til honom: «Gakk heim!»

**2** Då det leid til at David skulde døy, gav han Salomo,
son sin, fyresegner og sagde: 2 «Eg gjeng no den
vegen som all verdi må fara. Ver so du sterk, og vert
ein mann! 3 Tak vare på alt det som Herren, din Gud,
vil du skal taka vare på, so du ferdast på hans vegar
og rettar deg etter hans lover og bod og rettar og
fyresegner, soleis som det er skrive i Mose lov, so du
må fara vist åt i alt det du tek deg fyre, og kvar du
vender deg - 4 so Herren kann halda den lovnad han
gav meg og sagde: «Aldri skal du vanta ein ettermann
på Israels kongsstol, » sagde han, «er so sønerne dine
agtar på vegen sin, so dei ferdast for mi åsyn i truskap
av alt sitt hjarta og heile si sjæl.» 5 Du og veit sjølv kva
Joab, son åt Seruja, hev gjort imot meg, korleis han bar
seg åt mot dei tvo herførarane i Israel, Abner Nersson
og Amasa Jetersson, at han tok livet av deim og rende
ut blod i fredstid plent som det hadde vore krig, og
bloda ut beltet um livet sitt og skorne på føterne sine. 6
Stell deg no difor som du hev visdom til, og lat ikkje dei
grå hår hans fara i fred ned i helheimen. (Sheol h7585)
7 Men sønerne åt Barzillai frå Gilead skal du gjera vel
imot; dei skal vera millom deim som et ved bordet ditt;
for soleis møtte dei meg den gongen eg laut røma for
Absalom, bror din. 8 So hev du hjå deg benjaminiten
Sime'i, son åt Gera, frå Bahurim; han lyste ei rysjeleg
våbøn yver meg den dagen eg gjekk til Mahanajim;
men han kom meg sidan i møte nedmed Jordan, og
då svor eg honom til ved Herren at eg ikkje skulde
drepa honom med sverd. 9 Men no må du ikkje lata
honom vera ustraffa, for du er ein vis mann, og veit
korleis du skal fara åt med honom, so du let dei grå
hår hans fara blodute ned i helheimen.» (Sheol h7585)
10 So Lagde David seg til kvile hjå federne sine; han
vart gravlagd i Davidsbyen. 11 I fyrti år hadde David
vore konge yver Israel. I Hebron styrde han i sju år, og
i Jerusalem styrde han i tri og tretti år. 12 Og Salomo
sette i kongsstolen åt David, far sin, og kongedømet
hans vart ovleg sterkt. 13 Men Adonia, son åt Haggit,
gjekk inn til Batseba, mor åt Salomo. Ho spurde då:
«Kjem du med fred?» Han svara: «Ja, med fred!» 14
So sagde han: «Eg hev ein ting å tala med deg um.»
«Ja, tala ut!» svara ho. 15 Då sagde han: «Du veit sjølv
at kongedømet høyrde meg til, og at heile Israel vona
på meg til konge. Men kongedømet gjekk ifrå meg og
til bror min; det vart hans, for di Herren laga det so. 16
No hev eg ei einaste bøn til deg - vis meg ikkje burt.»
Ho sagde til honom: «Tala ut!» 17 Då sagde han: «Seg
du til kong Salomo - for deg viser han ikkje burt - at
han skal gjeva meg Abisag frå Sunem til kona!» 18
Batseba svara: «Godt, eg skal tala til kongen um deg.»
19 So gjekk Batseba inn til kong Salomo og vilde tala
med honom um Adonia. Kongen reis upp, gjekk til
møtes med henne og bøygde seg for henne, og han
sette seg atter i kongsstolen sin. Dei laga til eit sæte
for kongsmori, og ho sette seg attmed honom på høgre
sida. 20 So sagde ho: «Eg hev ei einaste liti bøn til
deg; seg ikkje nei!» Og kongen sagde til henne: «Kom
fram med bøni di, mor! Eg skal ikkje visa deg burt.»
21 Då sagde ho: «Lat Adonia, bror din, få Abisag frå
Sunem til kona!» 22 Men kong Salomo svara og sagde
til mor: «Kvi bed du nettupp um Abisag frå Sunem åt
Adonia? Bed heller um kongedømet åt honom - for
han er då eldste bror min - ja, både åt honom og åt
presten Abjatar og åt Joab Serujason.» 23 Og kong

Salomo svor ved Herren og sagde: «Herren late meg
bøta både no og sidan, um ikkje Adonia skal få bøta
med livet sitt, for di han hev tala dette! 24 So sant
Herren liver, han som hev gjeve meg ein stød sess i
kongsstolen åt David, far min, og som etter lovnaden
sin hev reist meg eit kongehus, so skal Adonia døy i
denne dag!» 25 Og kong Salomo sende i veg Benaja
Jojadason. Han slo honom ned, og han døydde. 26
Til presten Abjatar sagde kongen: «Gakk til Anatot,
til garden din! for du er ein daudedømd mann! men
nettupp i dag vil eg ikkje taka livet ditt, etter di du hev
bore Herrens, Herrens kista framfyre David, far min,
og etter di du hev lide med i alt som far min laut lida.»
27 So jaga Salomo Abjatar burt og let honom ikkje
lenger vera Herrens prest, so det skulde sannast det
som Herren hadde sagt um ætti åt Eli i Silo. 28 Då
Joab, som hadde halde lag med Adonia, endå han
ikkje hadde gjenge saman med Absalom, frette dette,
rømde han inn i Herrens tjeld og fata um altarhorni. 29
Men då kong Salomo fekk vita at Joab hadde rømt til
Herrens tjeld, og at han stod innmed altaret, sende
Salomo Benaja Jojadason i veg og sagde: «Gakk av
stad og slå honom ned!» 30 Då no Benaja kom til
Herrens tjeld, sagde han til honom: «So segjer kongen:
«Gakk ut!»» Men han svara: «Nei, her vil eg døy.» Og
Benaja melde svaret til kongen og sagde: «So hev
Joab sagt, og so hev han svara meg.» 31 Kongen
sagde til honom: «Gjer som han hev sagt, slå honom
ned og få honom i jordi, og fria soleis meg og farshuset
mitt frå det skuldlause blodet som Joab hev rent ut! 32
Og Herren skal lata blodet hans koma att yver hans
eige hovud, av di han hogg ned tvo menner som var
rettferdigare og betre enn han sjølv, og drap deim
med sverd utan at David, far min, visste det; det var
Abner Nersson, Israels herførar, og Amasa Jetersson,
Judas herførar. 33 Ja, blodet deira skal koma att yver
hovudet åt Joab og avkjømet hans i all æva. Men
David og hans avkjøme og huset og kongsstolen hans
skal Herren gjeva fred i all æva.» 34 Benaja Jojadason
gjekk so upp og slo honom ned og tok livet av honom,
og han vart jorda attmed huset sitt i øydemarki. 35 Og
kongen sette Benaja Jojadason i hans stad yver heren,
og sette presten Sadok i romet etter Abjatar. 36 Sidan
sende kongen bod og kalla til seg Sime'i, og sagde til
honom: «Bygg deg eit hus i Jerusalem, og gjev deg
til der! Du skal ikkje ganga ut derifrå til nokon annan
stad. 37 For det skal du vita, at den dagen du gjeng
yver Kidronsbekken, skal du døy. Då skal blodet ditt
koma yver hovudet ditt.» 38 Og Sime'i sagde til honom:
«Godt; som min herre kongen hev sagt, soleis skal
tenaren din gjera.» Og Sime'i budde no i Jerusalem ei
tid frametter. 39 So hende det, då tri år var farne, at
tvo av trælarne hjå Sime'i rømde til Akis Ma'akason,
kongen i Gat. Og då Sime'i frette at trælarne hans var i
Gat, 40 sala han asnet sitt og for til Gat, til Akis, og
vilde leita etter deim; Sime'i tok i veg og fekk trælarne
sine med seg heim frå Gat. 41 Då no Salomo fekk
tiend um at Sime'i var faren ut or Jerusalem og til Gat
og var komen att, 42 sende kongen bod og kalla til
seg Sime'i, og sagde til honom: «Hev eg ikkje teke ein
eid av deg ved Herren og åtvara deg og sagt: «Det
skal du vita, at den dagen du gjeng ut og fer nokon
stad av, skal du døy?» Og du sagde: «Det er godt; eg
hev høyrt det.» 43 Kvi hev du då ikkje agta på eiden
din ved Herren, og den fyresegn eg gav deg?» 44
Og kongen heldt fram og sagde til Sime'i: «Du veit
sjølv alt det vonde du hev gjort David, far min; hjarta
ditt kjenner det. Herren skal no lata vondskapen din
koma att yver ditt eige hovud. 45 Men kong Salomo
skal verta velsigna, og Davids kongsstol standa fast
for Herrens åsyn i all æva.» 46 Etter bod frå kongen
gjekk so Benaja Jojadason ut og hogg honom ned, og
han døydde. Og Salomo heldt kongedømet med endå
fastare hand.

**3** Og Salomo kom i giftarskyldskap med Farao,
kongen i Egyptarland, med di han gifte seg med
dotter åt Farao, og han flutte inn i Davidsbyen med
henne til dess han var ferdig med byggjearbeidet på
kongsgarden, på Herrens tempel og murarne rundt
um Jerusalem. 2 Men folket ofra på haugarne; for det
var ikkje bygt noko hus for Herrens namn fyre den tid.
3 Salomo elska Herren so han fylgde fyresegnerne
åt David, far sin. Men ofra på haugarne og brende
røykjelse der, gjorde han. 4 Og kongen for til Gibeon
og vilde ofra der. For det var gjævaste offerhaugen.
Tusund brennoffer ofra Salomo på altaret der. 5 I
Gibeon synte Herren seg for Salomo i ein draum um
natti, og Gud sagde: «Bed um kva du vil eg skal gjeva
deg!» 6 Salomo svara: «Stor miskunn hev du vist
imot tenaren din, David, far min, etter di han ferdast
for di åsyn i truskap og rettvisa og med ærleg hug
imot deg; og du hev halde ved lag åt honom denne
store miskunn og gjeve honom ein son til ettermann i
kongsstolen hans - so som det no sjåande er. 7 Ja,
Herre, min Gud, no hev du gjort tenaren din til konge
etter David, far min, men eg er berre barnet, og veit
ikkje korleis eg skal bera meg åt. 8 Og tenaren din liver
her millom folket ditt, som du hev valt ut, eit stort folk
som ikkje er teljande eller utreknande, so mangment
det er. 9 So gjev då tenaren din eit høyrsamt hjarta, so
han kann vera domar for folket sitt og skilja millom godt
og vondt! for kven er elles før til å vera domar for dette
mangmente folket ditt?» 10 Det tektest Herren vel at

Salomo bad um dette. 11 Og Gud sagde til honom:
«Etter di hev bede um dette og ikkje bede um langt
liv eller rikdom og ikkje bede um livet av fiendarne,
men hev bede um vit til å agta på det som rett er, 12
so vil eg gjera som du ynskjer: eg gjeva deg so vist
og vitugt eit hjarta at det hev ikkje vore din like, og
skal ikkje heller verta sidan. 13 Eg vil gjeva deg det du
ikkje hev bede um: rikdom og heider, so at ingen av
kongerne skal vera din like i all di tid. 14 Og vil du fara
på mine vegar, so du held loverne og bodi mine, liksom
David, far din, gjorde, so skal eg lata livedagarne dine
verta mange.» 15 Då vakna Salomo - det var ein
draum. Og då han kom til Jerusalem, steig han fram
for Herrens sambandskista, ofra brennoffer og bar
fram takkoffer, og gjorde eit gjestebod for alle tenarane
sine. 16 Då kom det tvo skjøkjor til kongen, og steig
fram for honom. 17 Og den eine kvinna sagde: «Høyr
meg, herre! Eg og denne kvinna bur i same huset. Og
eg fekk eit barn der i huset hjå henne. 18 Tridje dagen
etter at eg hadde fenge barnet, fekk denne kvinna og
eit barn; og me var saman; der var ingen framand hjå
oss i huset; me tvo eine. 19 Men ei natt døydde guten
åt denne kvinna, av di ho hadde lagt seg på honom. 20
Då reis ho upp midt på natti og tok min gut ifrå sida mi,
medan tenestkvinna di sov, og lagde honom i sitt fang,
og sin eigen daude gut lagde ho i mitt fang. 21 Då
eg so reis upp um morgonen og skulde gjeva guten
min suga, då var han daud; men då eg skoda vel på
honom um morgonen, vart eg vis med at det var ikkje
den gut eg hadde født.» 22 Den andre kvinna sagde:
«Det er ikkje so. Min gut er den som liver. Det er din
gut som er daud.» Men den fyrste svara: «Nei, den
daude er din gut, den livande er min.» Soleis trætta
dei framfor kongen. 23 Då sagde kongen: «Den eine
segjer: «Denne som liver, er min gut, og den daude er
din.» Og den andre segjer: «Det er ikkje so; din gut er
det som er daud, og min gut er den som liver.» 24
Gakk etter eit sverd åt meg!» sagde kongen. Og då
dei hadde bore sverdet inn til kongen, 25 sagde han:
«Hogg det livande barnet i tvo luter, og gjev denne eine
helvti til den eine og den andre helvti til den andre!»
26 Men då sagde ho til kongen, den kvinna som var
mor åt det livande barnet - for hjarta hennar brann for
guten -: «Høyr meg, herre, » sagde ho, «lat henne
få det barnet som liver, og drep det ikkje!» Men hi
sagde: «Lat det vera korkje mitt eller ditt; hogg det i
tvo!» 27 Då svara kongen og sagde: «Gjev henne der
det livande barnet; drep det ikkje! Ho er mori.» 28 Og
då denne domen som kongen hadde sagt, spurdest i
heile Israel, fekk dei age for kongen; for dei såg at
Guds visdom var i honom, so han kunde døma rett.

4 Kong Salomo var no konge yver heile Israel. 2 Og
dei fremste menner han hadde var dette: Azarja
Sadoksson var prest; 3 Elihoref og Ahia, søner åt
Sisa, var riksskrivarar; Josafat Ahiludsson var kanslar;
4 Benaja Jojadason var set yver heren, og Sadok
og Abjatar var prestar. 5 Azarja Natansson var set
yver futarne, Zabud Natansson var prest og ven med
kongen; 6 Ahisar var drottsete, og Adoniram Abdason
hadde tilsyn med pliktarbeidarane. 7 Og Salomo hadde
tolv bygdefutar yver heile Israel. Dei hadde på seg å
forsyna kongen og kongsgarden hans; dei forsynte
honom kvar sin månad um året. 8 Dette er namni
deira: Son åt Hur i fjellbygdi i Efraim; 9 son åt Deker i
Mahas og i Sa'albim, Bet-Semes, Elon-Bet-Hanan;
10 son åt Hesed i Arubbot, som hadde Soko og heile
Heferlandet; 11 son åt Ahinadab, som hadde heile
høglandet Dor, og som fekk Tafat, dotter åt Salomo,
til kona; 12 Ba'ana Ahiludsson i Ta'anak og Megiddo
og i heile den luten av Bet-Sean som ligg attmed
Sartan nedanfor Jizre'el, frå Bet-Sean til Ahel-Mehola
og burtum Jokmeam; 13 son åt Geber i Ramot i Gilead;
han hadde Gileads-byarne åt Ja'ir Manasseson; han
hadde Argoblandet, som ligg i Basan, seksti store
byar med murar og koparslåer; 14 Ahinadab Iddoson
hadde Mahanajim; 15 Ahima'as i Naftali; han og hadde
teke ei dotter åt Salomo, Basmat, til kona; 16 Ba'ana
Husaison i Asser og Alot; 17 Josafat Paruahsson
i Issakar; 18 Sime'i Elason i Benjamin; 19 Geber
Urison i Gileadlandet, det landet som amoritarkongen
Sihon og kong Og i Basan hadde havt; og han var
den einaste futen i den landsluten. 20 Juda og Israel
var då so mangmente som sanden ved havet; og
dei åt og drakk og var glade. 21 Og Salomo rådde
yver alle kongeriki frå Storelvi til Filistarlandet og heilt
ned til landskilet imot Egyptarland. Dei sende gåvor
til Salomo, og lydde honom so lenge han livde. 22
Og dei matvaror Salomo trong for kvar dag, var nitti
tunnor fint mjøl og eit hundrad og åtteti tunnor vanlegt
mjøl, 23 ti gjødde uksar, tjuge utgangsuksar, hundrad
sauer, umfram hjortar, gasellor, antilopar og gjødde
fuglar. 24 For han rådde yver heile landet på andre
sida av Storelvi, frå Tifsah og heilt til Gaza, han stod
yver alle kongarne på andre sida Storelvi, og han
hadde fred rundt ikring, 25 so Juda og Israel sat trygt,
kvar mann under sit vintre og under sitt fiketre, ifrå
Dan radt til Be'erseba, so lenge Salomo livde. 26
Og Salomo hadde fyrti tusund par vognhestar og tolv
tusund ridehestar. 27 Og bygdefutarne forsynte kong
Salomo og alle deim som gjekk til bords hjå kong
Salomo kvar sin månad; dei let det ikkje skorta på
nokon ting. 28 Bygg og halm til hestarne og tråvarane
sende dei, kvar etter sin tur, til den staden der han

heldt til. 29 Og Gud gav Salomo visdom og ovstor
kunnskap og eit vit som femnde vidt - liksom sanden
ved havet, 30 so at visdomen åt Salomo var større
enn visdomen hjå austmennerne og egyptarane. 31
Han var visare enn alle andre menneskje, visare enn
ezrehiten Etan, Heman og Kalkol og Darda, sønerne åt
Mahol; og det gjekk gjetord av honom hjå alle folki vida
ikring. 32 Han dikta tri tusund ordtøke, og songarne
hans var eit tusund og fem i talet. 33 Han tala um
trei, like frå cederen på Libanon til isopen som veks
uppetter murveggen; han tala um firfot-dyri og fuglarne,
um krypdyri og fiskarne. 34 Frå alle land kom dei og
vilde høyra på visdomen åt Salomo, frå alle kongarne
på jordi som høyrde gjete kor vis han var.

**5** Og Hiram, kongen i Tyrus, sende tenarane sine
til Salomo, då han no hadde frett at han var salva
til konge etter David, far sin; for Hiram hadde alltid
vore til vens med David. 2 Og Salomo sende bod til
Hiram med den helsingi: 3 «Du veit at David, far min,
ikkje kunde bygja noko hus for namnet åt Herren, hans
Gud, av di han fekk ufred med fiendarne på alle kantar,
til dess Herren lagde deim under føterne hans. 4 Men
no hev Herren, min Gud, late meg få ro til alle sidor;
der er ingen motmann og ingen fåre. 5 Difor hev eg
sett meg fyre at eg vil byggja eit hus for namnet åt
Herren, min Gud, etter det Herren sagde til David, far
min: «Son din, som eg vil setja i kongsstolen i din stad,
han skal byggja huset åt namnet mitt.» 6 Gjev no difor
påbod um at dei skal fella ceder åt meg på Libanon!
Arbeidsfolket mitt skal vera med arbeidsfolket ditt, og
eg skal gjeva deg den løn folket ditt skal hava, plent
som du vil. For du veit sjølv at det finst ingen millom
oss som skynar seg so godt på skogshogster som
sidoniarane.» 7 Då Hiram høyrde denne helsingi frå
Salomo, vart han ovleg glad og sagde: «Lova vere
Herren i dag, som hev gjeve David ein vis son til
hovding yver dette mangmente folket!» 8 Og Hiram
sende bod til Salomo med den helsingi: «Eg hev høyrt
den buskapen du hev sendt meg; eg skal gjera alt
det du ynskjer med umsyn til cedertrei og cypresstrei.
9 Arbeidsfolket mitt skal få deim ned frå Libanon til
havet; so skal eg få deim lagde i hop i flotar på havet,
og føra deim til den staden som du gjev meg bod um;
der skal eg få deim tekne frå kvarandre, og so fær
du henta deim. Men so skal du gjera meg til viljes
med å forsyna huset mitt med matvaror.» 10 So let
Hiram Salomo få alt han vilde hava av cedertre og
cypresstre, 11 og Salomo gav Hiram seksti tusund
tunnor kveite til hushaldet hans og seksti tunnor olje av
sundstøytte oljebær. Dette let Salomo Hiram få kvart
år. 12 Og Herren gav Salomo visdom, soleis som han
hadde lova honom, og det var fred millom Hiram og
Salomo; dei tvo gjorde eit samband med einannan. 13
Kong Salomo tok so ut pliktarbeidarar i heile Israel;
og dei var tretti tusund mann. 14 Han sende deim til
Libanon, ti tusund um månaden etter tur; ein månad
var dei på Libanon, tvo månader heime. Og Adoniram
hadde tilsynet med pliktarbeidarane. 15 Salomo hadde
sytti tusund berarar og åtteti tusund steinhoggarar i
bergi, 16 umfram dei tri tusund tri hundrad arbeidsfutar
som styrde arbeidet for Salomo og rådde yver folket
som gjorde arbeidet. 17 Etter bod frå kongen braut dei
ut store steinar, kostesame steinar til grunnmur under
huset, firhogne steinar. 18 Og bygningsmennerne til
Salomo og Hiram og mennerne frå Gebal hogg til og
gjorde ferdig trevyrket og steinarne til husbygningi.

**6** I det fire hundrad og åttetiande året etter Israels-
folket for ut or Egyptarland i månaden siv - det er
den andre månaden i det fjorde året etter Salomo
hadde vorte konge yver Israel - tok han til å byggja
huset for Herren. 2 Huset som kong Salomo bygde for
Herren, var seksti alner langt, tjuge alner breidt og tretti
alner høgt. 3 Forhalli framanfor det heilage var tjuge
alner lang langs etter breidsida på huset og ti alner
breid framanfrå huset. 4 Han laga vindaugo på huset
med fast traleverk fyre. 5 Og rundt umkring huset
frammed veggen sette han upp ein tilbygnad, umkring
både det heilage og det høgheilage, og reide til kovar
der rundt ikring. 6 Den nedste høgdi var fem alner
breid, millomhøgdi seks alner breid, og den tridje høgdi
var sju alner breid; for han hadde gjort hjellar utantil
rundt um på huset, so ikkje bjelkarne skulde ganga inn
i husveggjerne. 7 Då huset vart reist, vart det bygt av
stein som var tilhoggen i steinbrotet; difor høyrde ein
korkje hamar eller øks eller noko jarnverkty i huset
då det vart bygt. 8 Døri til midkoven stod på høgre
sida av huset, med ei vindetropp kom ein upp i andre
høgdi og frå andre høgdi upp i tridje høgdi. 9 Då han
hadde bygt huset fullferdigt, tekte han det med bjelkar
og cederplankar i rader. 10 Og tilbygnaden frammed
heile huset sette han upp i høgder på fem alner; dei
var feste til huset med cederbjelkar. 11 Og Herrens
ord kom til Salomo soleis: 12 «Dette huset som du
byggjer - dersom du gjeng etter mine fyresegner og
held loverne mine og agtar på alle bodordi mine og
fylgjer deim, so vil eg stadfesta på deg det ordet som
eg tala til David, far din, 13 og eg vil bu hjå Israels-
borni og ikkje slå handi av Israel, folket mitt.» 14 So
bygde då Salomo huset og gjorde det fullferdigt. 15
Han klædde husveggjerne innvendes med cederbord;
frå golvet i huset og like upp til loftslistarne klædde
han det med bord innvendes, og golvet i huset klædde
han yver med cypressplankar. 16 Tjuge alner fram ifrå
baksida i templet sette han ein vegg av cederbord frå

golvet og upp til loftslisterne, og dette reidde han til
innvendes kor åt seg, det høgheilage. 17 Og huset - det
heilage framanfor koret - var fyrti alner langt. 18 Innantil
hadde huset cederklædnad med utskorne kolokvintar
og blomeband; alt saman der var av cedertre; ingen
stein synte. 19 Inst i huset reidde han til ein kor til å
setja Herrens sambandskista i. 20 Og framanfor koren,
som var tjuge alner lang og tjuge alner breid og tjuge
alner høg, og som han klædde med skirt gull, sette han
eit altar og klædde det med cedertre. 21 Og Salomo
klædde huset innvendes med skirt gull, og han hengde
gullkjedor frametter veggen framfor koren og klædde
den og med gull. 22 Heile huset klædde han med gull,
til det var gullklædt heilt og halde. Han klædde og
med gull heile altaret som høyrde til i koren. 23 Tvo
kerubar av oljetre laga han og til i koren; ti alner var
deira høgd. 24 Fem alner var den eine kerubvengen
fem alner var den andre, ti alner frå vengjesnipp til
vengjesnipp. 25 Ti alner var den andre keruben og;
båe kerubarne hadde same mål og same skap. 26 Den
eine keruben var ti alner høg, og det same var den
andre. 27 Og han sette kerubarne midt i inste romet
i huset, og breidde ut vengjerne deira, so den eine
keruben nådde burt i veggen med eine vengjen, og
den andre keruben nådde veggen på hi sida med eine
vengjen; og midt i huset nådde dei tvo andre vengjerne
i hop. 28 Og han klædde kerubarne yver med gull. 29
Og alle veggjer i huset rundt ikring prydde han med
utskorne bilæte av kerubar og palmor og utsprotne
blomar både i inste romet og i det ytre romet. 30 Golvet
i huset klædde han yver med gull, både i inste romet
og i det ytre. 31 For inngangen til koren sette han
vengdører av oljetre. Dørkarmen med stolparne var
ein femtepart av veggen. 32 Og dei tvo dørerne av
oljetre prydde han med utskorne bilæte av kerubar og
palmor og utsprotne blomar og klædde deim med gull.
Han lagde gullet ut yver kerubarne og palmorne. 33
Sameleis sette han dørstolpar av oljetre for inngangen
til det heilage, på fjordeparten av veggen, 34 og tvo
vengdører av cypresstre, den eine vengdøri laga av tvo
rørlege bordbreider, og den andre vengdøri laga av tvo
rørlege bordbreider. 35 Og han fekk skore ut kerubar
og palmor og utsprotne blomar og lagde på gull, som
vart jamna utyver treskurden. 36 Den indre fyregarden
gjerde han inn med tri rader hoggen stein og ei rad
cederbjelkar. 37 I det fjorde året, i månaden siv, vart
grunnen lagd til Herrens hus, 38 og i det ellevte året, i
månaden bul - det er åttande månaden - var huset
ferdigt i alle stykke og heilt som det skulde vera. I sju
år var det då bygt på det.

7 Men på sitt eige hus bygde Salomo i trettan år fyrr
han var ferdig med heile huset sitt. 2 Han bygde
Libanonskoghuset, hundrad alner langt og femti alner
breidt og tretti alner høgt, på fire rader av cederstolpar
og med cederbjelkar uppå stolparne. 3 Og det var
tekt med cedertre uppyver loftsromi på stolparne, fem
og fyrti i talet, femtan i kvar rad. 4 Der var bjelkelag
i tri rader, og sjågluggar sat midt imot kvarandre i
tri umgangar. 5 Og alle dørerne og dørstolparne var
firkanta av bjelkar; og sjågluggarne sat midt imot
kvarandre i tri umgangar. 6 So sette han upp sulehalli,
som var femti alner lang og tretti alner breid; og det
var ei sval framfyre henne med stolpar og troppar
framum. 7 Og han sette upp høgsæte-halli, der han sat
og dømde, domshalli, og den var tilja med cederbord
frå eine enden av golvet til den andre. 8 Og huset
hans, som han budde i, i det andre tunet, innanfor
forhalli, var bygt på same vis. Salomo bygde og eit
hus, i likskap med denne forhalli, for Farao-dotteri, som
han hadde teke til kona. 9 Alt dette var av kostesame
steinar, tilhogne etter mål, skorne med sag på innsida
og utsida, alt, like frå grunnen og til taklisterne: og
sameleis alt utanfor like til den store fyregardsmuren.
10 Grunnmuren var lagd med kostesame og store
steinar, steinar på ti alner og steinar på åtte alner. 11
Og ovanpå der var låg prydelege steinar, hogne til etter
mål, og cederbjelkar. 12 Den store fyregardsmuren
rundt um var uppsett med tri umfar med tilhogne
steinar og eitt umfar med cederbjelkar, på same vis
som den indre fyregardsmuren til Herrens hus og
forhalli i huset. 13 Og kong Salomo sende bod og
henta Hiram frå Tyrus. 14 Han var son åt ei enkja av
Naftali-ætti, og far hans var ein mann frå Tyrus, ein
koparsmed. Han hadde i fullt mål visdom og vit og
kunnskap til å gjera alt slag arbeid i kopar. Han kom
då til kong Salomo og gjorde alt arbeidet hans. 15 Han
laga dei tvo koparsulorne; attan alner var høgdi på den
eine sula og ein snor på tolv alner rakk rundt um den
andre sula. 16 So laga han tvo sulehovud, støypte av
kopar, til å setja på toppen av sulorne; fem alner var
høgdi på det eine sulehovudet og fem alner høgdi på
det andre. 17 På sulehovudi, som stod på toppen av
sulorne, var der krot, på lag som garnmoskar, kjedor til
hengjeprydnad, sju på kvart sulehovud. 18 Og han
fekk til granateple, tvo rader rundt umkring attmed
garnkrotet til å løyna sulehovudi, og soleis gjorde
han og med det andre sulehovudet. 19 Sulehovudi
på stolparne inni forhalli var på skap som liljor, fire
alner. 20 På båe sulorne var det sulehovud, ovanum
og, tett innmed den tjukkare parten på den andre
sida av garnkrotet. Og granatepli var tvo hundrad, i
rader rundt um på det andre sulehovudet. 21 Og han
reiste upp sulorne ved forhalli til templet; den sula
som han reiste på høgre sida, kalla han Jakin, og

den vinstre sula han reiste upp, kalla han Boaz. **22** I
øvste enden var sulorne som liljor på skap. So vart
då arbeidet med stolparne fullført. **23** Han laga og
eit støypt hav. Det var ti alner frå den eine kanten til
den andre kanten, heilt rundt og fem alner høgt, og
ei snor på tretti alner gjekk rundt um det. **24** Under
trømen på det rundt ikring var der kolokvintar, ti på
kvar aln rundt um havet. Kolokvintarne gjekk i tvo
rader, støypte i hop i ei støyping med havet. **25** Det
stod på tolv uksar; tri snudde mot nord, tri snudde mot
vest, tri snudde mot sud, tri snudde mot aust. Havet
låg uppå desse, og alle snudde bakkroppen inn. **26**
Tjukkleiken på det var ei handbreidd, og kanten på det
var laga som på eit staup, liksom ein liljeblom. Det tok
tvo tusund anker. **27** So arbeide han dei ti fotstykki,
av kopar. Fire alner var lengdi på kvart fotstykki, fire
alner var breiddi, og tri alner var høgdi på det. **28** Og
fotstykki var laga soleis: Dei hadde fyllingar, fyllingar
millom hyrnelisterne; **29** og på fyllingarne - millom
hyrnelisterne - var der løvor, uksar og kerubar, og det
same på hyrnelisterne uppyver; nedunder løvorne og
uksarne var der lauvverk som hekk nedetter. **30** Kvart
fotstykke hadde fire hjul av kopar og åsar av kopar, og
dei fire føterne på det hadde berestykke; berestykki var
støypte på under balja; kvart hadde lauvverk på den
andre sida. **31** Opningi på henne var inni krunestykket,
som lyfte seg upp ei aln; i det var opningi rund og
laga til underlag, halvonnor aln. På kanten der og var
det bilæt-utskjeringar, men sidefyllingarne var firkanta,
ikkje runde. **32** Dei fire hjuli sat nedunder fyllingarne,
og hjultapparne stod fast i fotstykket; kvart hjul var
halvonnor aln høgt. **33** Hjuli var gjorde som vognhjul
elles; og tapparne, falli, tralerne og navi, alt saman var
støypt. **34** Det var fire berestykke på dei fire hyrno på
kvart fotstykke; berestykki gjekk i eitt med fotstykke. **35**
Og uppå fotstykket var der eit anna stykke, som var
ei halv aln høg og heilt rundt, og øvst på fotstykket
sat handtaket og fyllingarne i eitt med det. **36** Og
på flatsida av handtaki og på fyllingarne skar han ut
kerubar, løvor og palmor etter som der var rom til på
deim, og lauvverk rundt umkring. **37** Soleis laga han
dei ti fotstykki; same støyping, same mål og same
skap hadde dei alle. **38** Han arbeidde so ti koparbaljor;
kvar balja rømde fyrti ankar og var fire alner vid. Det
var ei balja på kvart av dei ti fotstykki. **39** Og han sette
fem av fotstykki ved sida av huset til høgre, og fem ved
sida huset til vinstre. Havet sette han på høgre sida åt
huset, imot sudaust. **40** Hiram arbeidde og oskefati, og
like eins skuflerne og skålarne, og soleis gjorde då
Hiram ifrå seg alt det arbeid han ytte kong Salomo til
Herrens hus; det var: **41** Tvo sulor og dei tvo kulorne på
sulehovudi på toppen av sulorne, og dei tvo garnkroti
til tekkje yver dei tvo kulerunde sulehovudi, som var på
toppen av sulorne, **42** og dei fire hundrad granatepli til
båe garnkroti, tvo rader granateple til kvart garnkrot til
tekkje yver dei kulerunde sulehovudi på sulorne, **43** og
dei ti fotstykki med dei ti baljorne uppå fotstykki, **44**
og so havet - berre eitt - med dei tolv uksarne under
havet, **45** dessutan oskefati, skuflerne og skålarne.
Alle desse ting som Hiram arbeidde åt kong Salomo til
Herrens hus, var av blank kopar. **46** I Jordan-kverven
var det kongen fekk deim støypte, i den faste jordi
millom Sukkot og Sartan. **47** Salomo let alle desse tingi
vera uvegne, for di det var slik ei ovmengd. Det vart
ikkje utrøynt kor mykje koparen vog. **48** Salomo laga
og til alle dei andre ting som skulde vera i Herrens
hus: gullaltaret og gullbordet, som skodebrødi skulde
liggja på, **49** ljosestakarne, fem på høgre og fem
på vinstre sida framfyre koren, av skiraste gull, og
blomarne og lamporne og ljosesakserne av gull, **50** og
fati, knivarne, skålarne, kannorne og glodpannorne av
skiraste gullet, dessutan gullhengslorne til dørerne inst
i huset, til det høgheilage romet, og til husdørerne inn
til tempelsalen. **51** Då det no var undangjort alt det
arbeid kong Salomo hadde med Herrens hus, so førde
Salomo inn der heilaggåvorne åt David, far sin: sylvet,
gullet og gognerne; han lagde det inn i skattkammeri i
Herrens hus.

**8** Då stemnde Salomo saman styresmennerne i
Israel, alle ættarhovdingarne, formennerne for
ættgreinerne åt Israels-sønerne, til kongen i Jerusalem;
dei skulde henta Herrens sambandskista upp frå
Davidsbyen, det er Sion. **2** Då samla alle Israels-
mennerne seg hjå kong Salomo i helgi i månaden
etanim, det er sjuande månaden. **3** Då no alle
styresmennerne i Israel kom, tok prestarne upp kista
**4** og bar Herrens kista og møtetjeldet dit upp saman
med alle dei heilaggognerne som var i tjeldet; det
var prestarne og levitarne som bar deim upp. **5**
Og kong Salomo stod framfor sambandskista i lag
med heile Israels-lyden, som hadde samla seg hjå
honom. Og dei ofra småfe og storfe i uteljande og
ureknande mengd. **6** Prestarne flutte sambandskista
inn i koren, i det høgheilage, inn under vengjerne av
kerubane, der ho skulde vera. **7** For kerubarne breidde
ut vengjerne yver den staden der kista stod, so at
kerubarne tekte yver både kista og stengerne hennar.
**8** Stengerne var so lange at ein kunne vel sjå endarne
av deim ifrå det heilage framfyre koren, men ikkje
lenger ute. Og der vart dei verande til denne dag. **9**
Det fanst ikkje anna i kista enn dei tvo steintavlorne
som Moses hadde lagt i henne der ved Horeb den
gongen Herren gjorde samband med Israels-borni,

då dei drog ut or Egyptarland. **10** Då no prestarne
gjekk ut or heilagdomen, fyllte skyi Herrens hus, **11** so
prestarne for skyi skuld kunde ikkje standa og gjera
tenesta, etter di Herrens herlegdom fyllte Herrens hus.
**12** Då sagde Salomo: «Herren hev sagt at han vil bu i
dimma. **13** No hev eg bygt eit hus til bustad åt deg,
ein stad der du kann dvelja æveleg.» **14** So snudde
kongen seg og velsigna heile Israels-lyden, medan
heile Israels-lyden stod. **15** Han sagde: «Lova vere
Herren, Israels Gud! Med handi si hev han halde det
som han med munnen sin lova David, far min, då han
sagde: **16** «Frå den tidi då eg førde Israel, folket mitt,
ut or Egyptarland, hev eg ikkje valt ut nokon by av alle
Israels ætter der ein kunde byggja eit hus til bustad for
namnet mitt. Men David hev eg valt ut til å råda yver
Israel, folket mitt.» **17** Og David, far min, sette seg
nok fyre å byggja eit hus for namnet åt Herren, Israels
Gud. **18** Men Herren sagde til David, far min: «Når du
hev sett deg fyre å byggja eit hus for namnet mitt, so
hev du gjort vel i at du hev fenge sovorne i tankarne.
**19** Men byggja dette huset skal ikkje du; son din, som
gjeng ut av dine lender, skal byggja huset for namnet
mitt.» **20** Og Herren hev sett i verk ordet sitt; eg er
komen upp i romet etter David, far min, og eg hev sett
meg i Israels kongsstol, soleis som Herren lova, og eg
hev bygt dette huset for namnet åt Herren, Israels Gud.
**21** Og der hev eg reidt til eit rom for kista som Herrens
samband er i, det som han gjorde med federne våre,
den gongen han leidde deim ut or Egyptarland.» **22** So
stelte Salomo seg fram for Herrens altar rett imot heile
Israels-lyden, rette ut henderne sine imot himmelen **23**
og sagde: «Herre, Israels Gud! Ingen gud er deg lik, i
himmelen der uppe eller på jordi her nede, du som
held uppe sambandet og nåden mot tenarane dine når
dei ferdast for di åsyn med heile sitt hjarta, **24** du som
hev halde det du lova tenaren din, David, far min, og
som hev fullført med handi det du tala med munnen,
som det syner seg i dag. **25** So haldt no og, Herre,
Israels Gud, det som du lova tenaren din, David, far
min, då du sagde: «Aldri skal den tid koma at det ikkje
sit ein mann av di ætt på Israels kongsstol for mi åsyn,
når berre sønerne dine vaktar sin veg so dei ferdast
for mi åsyn soleis som du hev gjort det.» **26** Å, Israels
Gud, lat det sannast det ordet som du tala til tenaren
din, David, far min! **27** Men kann då Gud i røyndi bu
på jordi? Sjå, himlarne, ja himle-himlarne kann ikkje
røma deg, kor mykje mindre då dette huset som eg
hev bygt. **28** Men vend deg likevel til bøni åt tenaren
din og hans påkalling, Herre, min Gud, so du høyrer
på det ropet og den bøni som tenaren din bed for di
åsyn i dag, **29** og let augo dine vera opne mot dette
huset natt og dag, mot den staden som du hev sagt
det um at her skal namnet ditt bu, so du høyrer på den
bøni som tenaren din vender mot denne staden! **30**
Ja, høyr på den påkalling som tenaren din, og Israel,
folket ditt, vender mot denne staden; høyr det på den
staden du bur i himmelen! Og når du høyrer, so må du
tilgjeva. **31** Forsyndar einkvar seg mot næsten sin, og
dei legg ein eid på honom, so ein let honom sverja, og
han so kjem inn og sver framfyre altaret ditt i dette
huset, **32** so må du høyra det i himmelen, og setja i
verk og døma imillom tenarane dine, med di du segjer
den skuldig som saka er og let honom lida for si åtferd,
men frikjenner den rettferdige og let honom få etter si
rettferd. **33** Når Israel, folket ditt, lid usiger mot fienden,
for di dei syndar imot deg, men dei so vender um att til
deg og vedkjennest ditt namn og bed og tiggar deg um
nåde i dette huset, **34** so vil du høyra det i himmelen
og tilgjeva Israel, folket ditt, den syndi dei gjorde, og
føra deim heim att til det landet du hev gjeve federne
deira! **35** Når himmelen let seg att, so det ikkje kjem
regn, for di dei syndar imot deg, og dei so snur seg mot
denne staden med bøn, og dei vedkjennest namnet
ditt og vender um ifrå syndi si, av di du audmjuker
deim, **36** so må du høyra det i himmelen og tilgjeva
tenarane dine og Israel, folket ditt, syndi deira, for du
lærer deim den gode vegen dei skal ganga på; og du
må gjeva regn yver landet ditt, som du hev gjeve folket
ditt til odel og eiga. **37** Når det kjem uår i landet, når
det kjem farsott, når det kjem moldaks og rust, eller det
kjem engsprettor og åmor, eller fienden trengjer folket i
det landet der det hev byarne deira, eller kva for ei
plåga eller sjukdom det er - **38** kvar gong det då stig
upp ei bøn eller ei audmjuk påkalling frå eit menneskje
i heile folket ditt, Israel, som kjenner sitt hjarte-mein og
rettar ut henderne sine mot dette huset, **39** so må du
høyra det i himmelen der du bur, og du må tilgjeva og
setja i verk og gjeva kvar mann lika for all hans ferd,
av di du kjenner hjarta hans - for einast du kjenner
hjarta hjå alle folk - **40** so dei må ottast deg all den tid
dei liver på den jordi som du hev gjeve federne våre.
**41** Jamvel den framande, som ikkje høyrer til Israel,
folket ditt, men kjem frå eit land langt burte, for namnet
ditt skuld **42** - for dei og kjem til å få høyra um ditt
store namn, um di sterke hand og um din strake arm -
når han kjem og vender bønerne sine mot dette huset,
**43** so må du høyra i himmelen der du bur, og gjera
alt som den framande ropar til deg um, so alle folk
på jordi må læra å kjenna namnet ditt og ottast deg,
liksom Israel, folket ditt, og skyna at dette huset som
eg hev bygt, er uppkalla etter ditt namn. **44** Når folket
ditt fer ut i herferd mot fienden sin på den vegen du
sender deim, og dei so bed til Herren med andlitet mot
denne byen du hev valt ut og det huset som eg hev

bygt åt namnet ditt, 45 so må du i himmelen høyra
bøni og påkallingi deira og hjelpa deim til retten sin.
46 Når dei syndar imot deg - for det finst ikkje noko
menneskje som ikkje syndar - og du harmast på deim
og let fienden få magt yver deim, so han fangar deim
og fører deim burt til fiendeland langt av leid eller nær
ved, 47 og dei då tenkjer seg um i det landet der dei er
fangar, og vender um og bed deg um nåde i landet
åt deim som held deim i band, og segjer: «Me hev
synda og gjort ille, me hev vore ugudlege, » 48 og dei
vender um til deg med heile sitt hjarta og all si sjæl der
i fiendeland hjå deim som hev ført deim i trældom, og
bed til deg med andlitet imot landet sitt, som du hev
gjeve federne deira, imot den byen som du hev valt ut
og det huset som eg hev bygt åt namnet ditt, 49 so må
du i himmelen, der du bur, høyra bøni og påkallingi
deira og hjelpa deim til retten sin, 50 og tilgjeva folket
ditt det dei hev synda imot deg og all den misgjerd dei
hev gjort i mot deg, og lata deim finna miskunn hjå
deim som held deim i band, so dei gjer sælebot på
deim; 51 for dei er ditt folk og din arv, som du leidde ut
or Egyptarland, midt ut or jarnomnen. 52 Ja, gjev augo
dine må vera opne for påkallingi åt tenaren din og
folket ditt, Israel, so du høyrer på deim so tidt som dei
ropar til deg. 53 For du hev skilt deim ut ifrå alle folk på
jordi, so dei skal vera din arv soleis som du hev tala
gjenom Moses, tenaren din, då du leidde federne våre
ut or Egyptarland, Herre, Herre!» 54 Og då Salomo
hadde enda heile denne bøn og audmjuke påkalling til
Herren, reis han upp frå Herrens altar, der han hadde
lege på kne med henderne utbreidde imot himmelen.
55 Og han steig fram og velsigna heile Israels-lyden
med høg røyst og sagde: 56 «Lova vere Herren, som
hev gjeve folket sitt, Israel, ro, plent som han hev sagt!
Ikkje eitt ord hev vorte um inkje av alt det gode han
hev lova ved Moses, tenaren sin. 57 Måtte Herren, vår
Gud, vera med oss, som han hev vore med federne
våre, og ikkje venda seg frå oss eller støyta oss burt,
58 men bøygja hjarta vårt til seg, so me gjeng på alle
hans vegar og held hans bod og fyreskrifter og rettar,
som han gav federne våre. 59 Og måtte desse ordi
mine, som eg audmjukt hev bede for Herrens åsyn,
vera nærverande for Herren, vår Gud, både dag og
natt, so han hjelper tenaren sin og Israel, folket sitt,
til retten deira etter som det trengst kvar dag, 60 so
at alle folk på jordi må skyna at Herren er Gud og
ingen annan. 61 Og de må gjeva dykk til Herren, vår
Gud, med heile dykkar hjarta, so de ferdast i hans
fyreskrifter og held hans bod som de gjer i dag.» 62 Og
kongen og heile Israel med honom ofra slagtoffer for
Herrens åsyn. 63 Til det takkofferet som Salomo ytte
Herren, tok han tvo og tjuge tusund stykke storfe og eit
hundrad og tjuge tusund stykke småfe. Soleis vigde
kongen og heile Israels-lyden Herrens hus. 64 Same
dagen helga Salomo den midtre luten av tunet framfyre
Herrens hus; for der ofra han brennoffer, grjonoffer og
feittstykke av takkofferet, etter di koparaltaret, som stod
for Herrens åsyn, var for lite til å røma brennofferet og
grjonofferet og feittstykki av takkofferi. 65 På den tid
høgtida Salomo helgi saman med heile Israel - ein
stor møtelyd like frå den staden der vegen gjeng til
Hamat og til Egyptarlands-bekken - framfor Herren,
vår Gud, i sju dagar og endå i sju dagar, fjortan dagar i
alt. 66 Den åttande dagen let han folket fara, og dei
bad velliva med kongen og tok heim kvar til seg, glade
og velnøgde for alt det gode som Herren hadde gjort
imot David, tenaren sin, og mot Israel, folket sitt.

**9** Då Salomo no hadde gjort ifrå seg byggjearbeidet
med Herrens hus og kongshuset og alt det andre
som han hadde hug og lyst til å få gjort, 2 synte Herren
seg for Salomo andre gongen, liksom han hadde synt
seg for honom i Gibeon. 3 Og Herren sagde til honom:
«Eg hev høyrt bøni di og di audmjuke påkalling som du
hev sendt upp til meg; huset du hev bygt, hev eg helga
til å bera namnet mitt i all æva, og augo mine og hjarta
mitt skal vera der alle dagar. 4 Ferdast du no for mi
åsyn liksom David, far din, ferdast, i hjartans reinleik
og i ærlegdom, so du gjer alt det som eg hev sagt
deg fyre, held loverne og rettarne mine, 5 då skal eg
halda uppe kongsstolen din i Israel æveleg, soleis som
lovnaden min lydde til David, far din: «Aldri skal du
vanta ein mann på Israels kongsstol.» 6 Men dersom
de og borni dykkar snur meg ryggen og ikkje held bodi
mine, loverne mine som eg hev lagt fram for dykk, men
gjeng av stad og dyrkar andre gudar og bed til deim, 7
so vil eg rydja Israel ut or det landet eg hev gjeve deim;
det huset eg hev helga for namnet mitt, vil eg føykja
ifrå mi åsyn, og Israel skal verta eit ordtøke og ei spott
millom alle folk. 8 Og um dette huset vert aldri so høgt,
so skal kvar mann fæla og spotta når han framum fer;
og spør ein: «Kvifor hev Herren fare soleis åt med dette
landet og dette huset?» 9 då skal dei svara: «For di dei
vende seg ifrå Herren, sin Gud, han som hadde ført
federne deira ut or Egyptarland, og heldt seg til andre
gudar, bad til deim og tente deim, difor hev Herren late
alt dette vonde koma yver deim.»» 10 Då no tjuge år
var lidne, og Salomo hadde bygt dei tvo husi, Herrens
hus og kongshuset, 11 og Hiram, kongen i Tyrus,
hadde hjelpt Salomo med cedertre og cypresstre og alt
det gull han ynskte, so gav kong Salomo Hiram tjuge
byar i Galilæa-landet. 12 Og Hiram tok ut ifrå Tyrus,
og vilde sjå på dei byarne som Salomo hadde gjeve
honom; men han lika deim ikkje. 13 Og han sagde:
«Kva er dette for byar du hev gjeve meg, bror min?»

Og han gav deim namnet Kabulslandet, som dei og
hev heitt til denne dag. 14 Men Hiram sende kongen tri
hundrad vågar gull. 15 Det hadde seg soleis med det
arbeidsfolk som kong Salomo tok ut til byggjearbeidet
med Herrens hus og sitt eige hus og Millo og muren
kring Jerusalem og Hasor og Megiddo og Geser: 16
- Farao, kongen i Egyptarland, hadde sett i veg og
teke Gezer, og sett eld på det og drepe kananitarne
som budde i byen og so gjeve honom i heimafylgje
til dotter si, kona åt Salomo; 17 men Salomo bygde
upp att Gezer og Nedre Bet-Horon 18 og Ba'alat og
Tadmor i øydemarki der i landet, 19 bygde og alle
dei upplagsbyar Salomo hadde, og vognbyarne og
hestbyarne og elles alt som Salomo fekk hug og lyst til å
få bygt i Jerusalem og på Libanon og i heile kongeriket
sitt -: 20 Alt det folket som fanst att av amoritarne,
hetitarne, perizitarne, hevitarne og jebusitarne, folk
som ikkje var av Israels ætt, 21 sønerne deira, som
var att etter deim i landet, med di Israels-sønerne ikkje
hadde magta å fullføra bannstøyten imot deim, desse
tok Salomo ut til pliktarbeid, og soleis hev det vore
til den dag i dag. 22 Men av Israels-sønerne gjorde
Salomo ingen til træl; for dei var herfolk og tenarar
og hovdingar og kjempor hjå honom og hovdingar
for stridsvognerne og hestfolket hans. 23 Talet på
yverfutarne, som stod fyre arbeidet til Salomo, var fem
hundrad og femti; dei rådde yver folket som gjorde
arbeidet. 24 Nettupp på den tid dotter åt Farao hadde
flutt upp ifrå Davidsbyen til huset sitt, som han hadde
bygt til henne, gav han seg til å byggja Millo. 25 Tri
gonger um året ofra Salomo brennoffer og takkoffer
på det altaret han hadde bygt til Herren, og brende
røykjelse ved alteret der framfor Herrens åsyn, og
hadde no huset ferdigt. 26 Kong Salomo bygde og skip
i Esjon-Geber; det ligg attmed Elot på Raudehavs-
strandi i Edomlandet. 27 Og Hiram sende sjøvant
mannskap av sitt folk til skipi i lag med folket åt Salomo.
28 Dei for til Ofir og henta gull derifrå, eit tusund og
femti våger, som dei førde til kong Salomo.

**10** Då dronningi i Saba fekk høyra gjetordet um
Salomo og det han hadde gjort for Herrens namn,
kom ho og vilde røyna honom med djupe gåtor. 2 Ho
kom til Jerusalem med eit ovstort fylgje, med kamelar
som var klyvja med kryddor og gull i store mengder
og glimesteinar, og då ho var komi til Salomo, lagde
ho fram for honom alt det ho hadde på hjarta. 3 Men
Salomo gav henne svar på alle spurningarne hennar.
For honom var ingenting dult, som han ikkje kunde
svara på. 4 Då dronningi frå Saba såg all Salomos
visdom og såg huset han hadde bygt, 5 og retterne på
bordet hans, og korleis hirdmennerne hans sat der, og
korleis tenarane hans varta upp og var klædde, og
skjenkjarsveinarne hans og den uppgangen som han
hadde til Herrens hus, då vart ho reint ifrå seg. 6 Og
ho sagde til kongen: «So var det då sant det ordet
eg høyrde i landet mitt um deg og um visdomen din!
7 Eg kunde ikkje tru det dei sagde fyrr eg sjølv kom
og fekk sjå det med mine eigne augo; ikkje helvti hev
dei fortalt meg, det ser eg no; i visdom og vyrdnad
gjeng du yver det gjetordet eg hev høyrt um deg. 8
Sæle er mennerne dine, sæle er desse tenarane dine,
som stødt fær standa framfyre deg og høyra visdomen
din. 9 Lova vere Herren, din Gud, som hadde hugnad i
deg og sette deg på Israels kongsstol! For di Herren
elskar Israel alle dagar, sette han deg til konge, so
du kann skipa rett og rettferd.» 10 So gav ho kongen
tri hundrad våger gull og kryddor i store mengder
og glimesteinar; so stor mengd av kryddor som den
dronningi frå Saba gav kong Salomo, hev aldri vorte
innførd sidan. 11 Då skipi til Hiram henta gull frå Ofir,
tok dei og med almuggim-tre i stor mengd og dyre
steinar frå Ofir. 12 Av almuggim-treet fekk kongen
tillaga handrid til Herrens hus og til huset åt kongen,
og like eins cithrar og harpor til songarane; so mykje
almuggim-tre hev aldri vore innført eller set sidan til
denne dag. 13 Og kong Salomo gav dronningi frå
Saba alt det ho hadde hug på, og bad um, umfram det
han gav henne i samhøve med Salomos kongelege
vyrdnad. So snudde ho heim att til sitt land, ho sjølv
og tenarane hennar. 14 Det gullet som kom inn til
Salomo på eit år, vog sekstan hundrad og seks og
seksti våger, 15 og då var ikkje medrekna det som
kom inn frå kjøpmennerne og av kræmarhandelen og
frå alle kongarne i Arabia og frå jarlarne i landet. 16
Og kong Salomo let gjera tvo hundrad store skjoldar
av uthamra gull - seks hundrad lodd gull gjekk med til
kvar skjold - 17 og tri hundrad små skjoldar av uthamra
gull - eit hundrad og åtteti lodd gull gjekk med til kvar
skjold - og kongen sette deim upp i Libanonskoghuset.
18 Kongen let og gjera ein stor kongsstol av flisbein og
klædde honom med skirt gull. 19 Kongsstolen hadde
seks stig, og ryggstydi på kongsstolen var avrunda
ovantil; på båe sidor av sætet var der armar, og attmed
armarne stod tvo løvor; 20 og tolv løvor stod det på dei
seks stigi, på båe sidor. Maken til dette var ikkje laga i
noko kongerike. 21 Alle drykkjestaupi åt kong Salomo
var av gull, og alle gognerne i Libanonskoghuset var
og av skirt gull; sylv fanst det ikkje; det var ikkje rekna
for noko i Salomos dagar. 22 For kongen hadde sine
Tarsis-skip på havet attåt floten til Hiram. Ein gong
tridje kvart år kom Tarsis-skipi heim og hadde med
seg gull og sylv, og filsbein og apor og påfuglar. 23
Kong Salomo vart større enn alle kongar på jordi i

rikdom og visdom. 24 Folk frå alle land vitja Salomo
og vilde høyra visdomen hans, som Gud hadde lagt i
hjarta hans. 25 Og då hadde kvar og ein av desse
med seg gåvor: ymse ting av sylv og gull, klæde og
våpn, kryddor, hestar og muldyr. Soleis gjekk det år
etter år. 26 Salomo samla stridsvogner og hestfolk,
so han hadde fjortan hundrad stridsvogner og tolv
tusund hestfolk; og deim gav han læger i vognbyarne
og i Jerusalem hjå kongen sjølv. 27 Og kongen gjorde
sylvet i Jerusalem so vanleg som stein og cedertre
som morberfiketre i låglandet. 28 Og hestarne som
Salomo fekk seg, førde han inn frå Egyptarland; ein
flokk kjøpmenner hjå kongen henta ei viss mengd til
ein fastsett pris. 29 Kvar vogn som vart henta upp
og utførd frå Egyptarland, kosta seks hundrad lodd
sylv, og kvar hest eit hundrad og femti. På same vis
vart dei, med deira hjelp, utførde til alle kongarne hjå
hetitarne og i Syria.

**11** Kong Salomo hadde mange utlendske kvinnor
som han elska - umfram dotter åt Farao;
moabitiske, ammonitiske, edomitiske, sidoniske,
hetitiske, 2 kvinnor av dei heidningfolki som Herren
hadde åtvara Israels-sønerne imot og sagt: «De skal
ikkje hava noko med deim, og ikkje dei med dykk; elles
kjem dei visseleg til å snu hjarta dykkar til sine gudar.»
Salomo heldt seg til desse i elsk. 3 Han hadde sju
hundrad konor av fyrsteætt og tri hundrad fylgjekonor,
og konorne vende hjarta hans. 4 Ja, då Salomo vart
gamall, drog dei hjarta hans til andre gudar, so hjarta
hans var ikkje heilt med Herren hans Gud, soleis
som hjarta åt David, far hans. 5 Og Salomo fylgde
Astarte, sidoniarguden, og Milkom, styggedomen åt
ammonitarne. 6 Soleis gjorde Salomo det som var
vondt i Herrens augo, og fylgde ikkje Herren i eit
og alt som David, far hans. 7 Salomo bygde då ein
offerhaug på berget austanfor Jerusalem åt Kamos,
styggedomen åt Moab, og for Molek, styggedomen
åt Ammons-sønerne. 8 Og det same gjorde han for
alle dei utlendske konorne sine, so dei fekk brenna
røykjelse og ofra til gudarne sine. 9 Då vart Herren
harm på Salomo, for di han hadde vendt hjarta sitt burt
ifrå Herren, Israels Gud, som hadde openberra seg
for honom tvo gonger 10 og gjeve honom eit serskilt
bod um dette, at han ikkje skulde fylgja andre gudar;
men han hadde ikkje agta på Herrens bod. 11 Difor
sagde Herren til Salomo: «Etter di du er komen på
dette, og ikkje hev halde pakti mi og loverne mine,
som eg hev gjeve deg, vil eg riva riket ifrå deg og
gjeva det til tenaren din. 12 Men for David, far din,
skuld vil eg ikkje gjera dette i di tid; eg riv det or handi
på son din. 13 Heile riket vil eg like vel ikkje riva ifrå
honom. Eitt fylke vil eg gjeva son din for David, far din,
skuld og for Jerusalem skuld, som eg hev valt ut.»
14 Og Herren vekte upp ein motmann imot Salomo;
edomiten Hadad; han var av kongsætti i Edom. 15
Då David var i Edom, og herhovdingen Joab for upp
og skulde gravleggja dei falne og med det same slo i
hel alt som mann var i Edom 16 - for Joab og heile
Israel vart verande der i seks månader, til dess han
hadde rudt ut alt som mann var i Edom - 17 då rømde
denne Hadad, han sjølv og nokre edomitiske menner,
som hadde vore i tenesta hjå far hans, og tok vegen
til Egyptarland. Hadad var den gong ein liten gut. 18
Og dei drog ut frå Midjan og kom til Paran; frå Paran
tok dei med seg nokre menner og kom til Egyptarland
til Farao, egyptarkongen; han gav honom eit hus og
rettleide honom med upphald og let honom få jord. 19
Hadad fann stor godvilje hjå Farao, so han gav honom
til kona syster åt kona si, syster åt dronning Tahpenes.
20 Og denne syster åt Tahpenes fødde sonen Genubat
åt honom; Tahpenes vande honom av i huset åt Farao,
og Genubat vart verande i huset der med sønerne
åt Farao. 21 Men då Hadad høyrde i Egyptarland, at
David hadde lagt seg til kvile hjå federne sine, og at
Joab, stridshovdingen, var avliden, so sagde Hadad til
Farao: «Slepp meg no, so eg kann fara heim til landet
mitt!» 22 Farao sagde til honom: «Kva saknar du her
hjå meg, sidan du vil fara heim til landet ditt?» Han
svara: «Ingen ting; men du må plent lata meg fara.»
23 Gud vekte upp ein motmann til imot Salomo: Rezon
Eljadason; han var rømd ifrå herren sin, Hadadezer,
kongen i Soba. 24 Der samla han ein flokk um seg,
den gong David slo folket i hel, og vart røvarhovding;
dei drog av til Damaskus, slo seg ned der og styrde
i Damaskus. 25 Han vart ein motmann imot Israel
so lenge Salomo livde, og skadde det, både han og
Hadad; han hata Israel og vart konge yver Syria. 26
Ein av mennerne åt Salomo heitte Jerobeam; han
var son åt Nebat, ein efraimit frå Sereda; mor hans
heitte Serua og var enkja. Og han gjorde uppreist mot
kongen. 27 Grunnen til at han lyfte hand imot kongen,
var dette: Salomo bygde Millo og sette stengsla for
opningi til byen åt David, far sin. 28 No var Jerobeam
ein dugande kar, og då Salomo såg at han var drivande
i arbeidet sitt, sette han honom til tilsynsmann yver alt
arbeidet som Josefs hus hadde på seg. 29 So hende
det ein gong ved det leitet, at Jerobeam var gjengen ut
or Jerusalem, og at profeten Ahia frå Silo råka honom
på vegen. Han hadde på seg ei ny kåpa, og dei var
tvo-eine på marki. 30 Då tok Ahia den nye kåpa han
hadde på seg, og reiv henne i tolv stykke. 31 Og han
sagde til Jerobeam: «Tak deg ti stykke! For so segjer
Herren, Israels Gud: «Sjå, eg vil riva riket ut or handi
på Salomo og gjeva deg ti av ætterne; 32 men den

eine ætti skal han få hava for David skuld, tenaren min,
og for Jerusalem skuld, den byen eg hev valt millom
alle Israels fylke. 33 Det skal ganga so, for di dei hev
vike ifrå meg og bede til Astarte, sidonarguden, til
Kamos, Moabs-guden, og til Milkom, ammonitarguden,
og ikkje gjenge mine vegar, ikkje gjort det som rett er
i mine augo, eller halde loverne mine og bodi mine,
soleis som David, far hans, gjorde. 34 Eg vil like vel
ikkje taka noko av riket ifrå honom sjølv, men lata
honom vera fyrste so lenge han liver, for David skuld,
tenaren min, han som eg valde ut, og som agta på
bodi og loverne mine. 35 Men ifrå son hans vil eg taka
riket, og gjeva deg det, dei ti ætterne, meiner eg; 36
son hans vil eg gjeva ein av ætterne, so tenaren min,
David, alle dagar må hava ei lampa framfor mi åsyn i
Jerusalem, den byen som eg hev valt meg ut til bustad
for namnet mitt. 37 Deg vil eg då kåra, du skal råda
yver alt du hev hug til, og vera konge yver Israel. 38
Og lyder du alt som eg byd deg, og gjeng mine vegar
og gjer det som rett er i mine augo, so du held loverne
mine og bodi mine, soleis som David, tenaren min,
gjorde, so vil eg vera med deg og byggja deg eit hus
som stend fast, soleis som eg bygde for David, og
gjeva deg Israel. 39 Og Davids ætt vil eg mykja for
dette, men like vel ikkje for alltid.»» 40 Salomo freista
å taka livet av Jerobeam; men Jerobeam reis upp og
rømde undan til Egyptarland til egyptarkongen Sisak,
og han vart verande i Egyptarland til Salomo døydde.
41 Det som elles er å fortelja um Salomo og alt det
han gjorde, og um visdomen hans, det er uppskrive i
krønikeboki åt Salomo. 42 Den tid Salomo var konge i
Jerusalem yver heile Israel, var fyrti år. 43 So lagde
Salomo seg til kvile hjå federne sine og vart gravlagd i
byen åt David, far sin, og Rehabeam, son hans, vart
konge i staden hans.

**12** Og Rehabeam for til Sikem; for heile Israels var
kome til Sikem og vilde taka honom til konge. 2
Men då Jerobeam Nebatsson frette det - han var endå
i Egyptarland; han hadde rømt dit for kong Salomo, og
Jerobeam budde soleis i Egyptarland, 3 og dei sende
bod dit og bad honom heim att - då kom Jerobeam og
heile Israels-lyden og tala med Rehabeam og sagde:
4 «Far din lagde på oss eit hardt ok; men vil du no letta
på harde strævet og det tunge oket som far din lagde
på oss, so vil me tena deg.» 5 Han svara deim: «Gakk
burt og bia tri dagar og kom so til meg att!» Og folket
gjekk. 6 Då rådførde kong Rehabeam seg med dei
gamle, som hadde vore i tenesta hjå Salomo, far hans,
medan han livde, og spurde deim: «Kva svar råder de
meg til å gjeva dette folket?» 7 Dei svara honom og
sagde: «Bøygjer du deg for dette folket i dag og er
deim til tenesta og gjev deim gode ord til svar, so vil
dei verta tenarane dine alle dagar.» 8 Men han brydde
seg ikkje um den rådi som dei gamle gav honom; men
rådførde seg med dei unge, som var uppvaksne upp
i lag med honom og no stod i hans tenesta. 9 Han
sagde til deim: «Kva råder de meg til å svara dette
folket som hev tala til meg og sagt: «Lat det oket som
far din hev lagt på oss verta lettare?»» 10 Dei unge
kararne som var uppvaksne i lag med honom, svara
honom då og sagde: «So skal du segja til dette folket
som hev tala til deg og sagt: «Far din lagde eit tungt
ok på oss, men gjer no du det lettare for oss!» - So
skal du segja til deim: Litlefingeren min er tjukkare enn
mjødmane åt far min. 11 Hev difor far min lagt eit tungt
ok på dykk, so skal eg gjera oket dykkar endå tyngre;
hev far min tukta dykk med svipor, so skal eg skal
tukta dykk med skorpionar.» 12 So kom Jerobeam og
heile folket til Rehabeam tridje dagen, so som kongen
hadde sagt: «Kom hit til meg att tridje dagen!» 13 Då
gav kongen folket eit hardt svar; for han brydde seg
ikkje um den rådi dei gamle hadde gjeve honom. 14
Etter rådi åt dei unge kararne sagde han til deim: «Hev
far min lagt eit tungt ok på dykk, so skal eg gjera oket
dykkar endå tyngre. Hev far min tukta dykk med svipor,
so skal eg tukta dykk med skorpionar.» 15 Kongen
høyrde soleis ikkje på folket, for di Herren laga det
soleis, so det ordet skulde sannast som Herren hadde
tala til Jerobeam Nebatsson ved siloniten Ahia. 16 Då
no heile Israel såg at kongen ikkje høyrde på deim,
gav folket dette svaret: «Kva deil hev me i David?
Ingen lut i Isaisonen! Heim til hyttorne, Israel! Sjå no
sjølv til huset ditt, David!» So for Israel heim kvar
til sitt. 17 Berre yver dei Israels-borni som budde i
byarne i Juda, vart Rehabeam konge. 18 Og då kong
Rehabeam sende i veg Adoram som hadde øvste
tilsynet med pliktarbeidet, so steina heile Israel honom
i hel. Då skunda kong Rehabeam seg upp i vogni
si og rømde til Jerusalem. 19 So reiv då Israel seg
laus ifrå Davids hus, og soleis hev det vore til denne
dag. 20 Men då heile Israel frette at Jerobeam var
komen att, sende dei bod og bad honom til tings og
kåra honom til konge yver heile Israel; det var ingen
som heldt fast på Davids hus, so nær som Juda-ætti
åleine. 21 Då Rehabeam kom til Jerusalem, samla
han heile Judas hus og Benjamins-ætti, hundrad og
åtteti tusund utvalde stridsmenner, og vilde strida imot
Israels hus og vinna kongedømet att for Rehabeam
Salomoson. 22 Men då kom Guds ord til gudsmannen
Semaja soleis: 23 «Seg til Rehabeam Salomoson,
kongen i Juda, og til heile Judas og Benjamins hus
og til resten av folket: 24 So segjer Herren: «De skal
ikkje fara upp og strida mot brørne dykkar, Israels-
sønerne. Snu heim att, kvar til sitt hus! For det som

hev hendt, er kome frå meg.»» Då lydde dei Herrens
ord og snudde og gjekk sin veg, som Herren hadde
sagt. 25 Jerobeam bygde upp Sikem på Efraimsfjellet
og busette seg der. Derifrå tok han ut og bygde upp
Penuel. 26 Og Jerobeam sagde med seg sjølv: «Riket
kann snart ganga attende til Davids hus. 27 Dersom
dette folket fær fara upp til Herrens hus i Jerusalem og
ofra, so kann folkehugen venda attende til hovdingen
deira, Rehabeam, kongen i Juda; ja då drep dei gjerne
meg og vender attende til Rehabeam, kongen i Juda.»
28 Og då kongen hadde tenkt yver dette, laga han tvo
gullkalvar, og han sagde til folket: «No lyt de vera nok
med ferder upp til Jerusalem. Sjå her er guden din,
Israel som førde deg upp or Egyptarlandet.» 29 Og
han sette upp den eine i Betel, den andre sette han i
Dan. 30 Dette vart orsak til synd; folket gjekk radt til
Dan og steig fram for den eine av deim. 31 Og han
bygde hus på offerhaugarne og sette til prestar likt
og ulikt, folk som ikkje var av Levi-sønerne. 32 Og
Jerobeam skipa til ei høgtid i den åttande månaden, på
den femtande dagen i månaden, i likskap med høgtidi i
Juda, og han ofra på altaret. So gjorde han i Betel,
med di han ofra til kalvarne som han hadde laga, og
dei som han hadde sett til offerhaug-prestar, let han
gjera tenesta i Betel. 33 Og han ofra på det altaret
han hadde laga i Betel, den femtande dagen i åttande
månaden, den månaden som han hadde valt ut etter
sitt eige hovud. Han skipa då til ei høgtid for Israels-
borni og steig upp til altaret og vilde kveikja offereld.

**13** Men nettupp då Jerobeam stod ved altaret og
vilde kveikja offereld, kom det på Herrens bod
ein gudsmann frå Juda til Betel. 2 Og etter Herrens
fyresegn ropa han imot altaret og sagde: «Altar,
altar! So segjer Herren: «Ein son skal verta fødd åt
Davids hus; Josia skal han heita, på deg skal han
ofra offerhaug-prestarne som kveikjer offereld på deg;
mannebein skal dei då brenna på deg.»» 3 Same
gongen nemnde han eit teikn og sagde: «Dette er
teiknet på at Herren hev tala: Sjå, altaret skal rivna, og
oska som er på det, skal renna utyver.» 4 Då kong
Jerobeam høyrde det som gudsmannen ropa imot
altaret i Betel, rette han ut handi frå altaret og sagde:
«Tak honom!» Men handi som han hadde rett ut imot
honom visna, og han kunde ikkje taka henne til seg att.
5 Og altaret rivna, og oska rann ut frå altaret; det var
teiknet som gudsmannen hadde nemnt, etter Herrens
bod. 6 Då svara kongen og sagde til gudsmannen:
«Vil du naudbeda Herren, din Gud, at eg må kunna
taka handi til meg att?» Og gudsmannen naudbad
Herren, og kongen kunde då taka handi til seg att, og
ho vart som ho hadde vore fyrr. 7 Då sagde kongen til
gudsmannen: «Kom heim med meg og styrk deg, og
lat meg få gjeva deg ei gåva!» 8 Men gudsmannen
sagde til kongen: «Um du gav meg helti av huset ditt,
vilde eg ikkje ganga inn med deg like vel; her vil eg
korkje eta eller drikka. 9 For det bodet eg fekk av
Herren: «Du skal ikkje eta brød og ikkje drikka vatn, og
ikkje skal du fara den same vegen attende som du
gjekk av stad.»» 10 Og so for han av ei annan veg og
vende ikkje heim att den vegen han var komen. 11
Men i Betel budde ein gamall profet, og son hans kom
og fortalde honom alt det gudsmannen hadde gjort i
Betel den dagen, og kva han hadde sagt til kongen. Og
då dei hadde fortalt dette til far sin, 12 sagde far deira
til deim: «Kva veg gjekk han?» Sønerne hadde set kva
veg gudsmannen hadde fare, han som var komen frå
Juda. 13 Då sagde han til sønerne sine: «Sala asnet
åt meg!» Då dei so hadde sala asnet åt honom, sette
han seg på det 14 og tok ut etter gudsmannen og fann
honom; han under eiki; og han spurde honom: «Er du
den gudsmannen som er komen frå Juda?» Han svara:
«Ja, det er eg.» 15 Då sagde han til honom: «Fylg meg
heim, og et med meg!» 16 Men han svara: «Eg kann
ikkje ganga attende med deg eller stiga innum hjå deg,
og eg kann korkje eta eller drikka med deg her; 17 for
det kom eit ord til meg frå Herren: «Du skal korkje eta
eller drikka der; du skal ikkje heller fara attende same
vegen som du gjekk dit.»» 18 Han sagde til honom:
«Eg og er profet liksom du, og ein engel hev tala til
meg på Herrens bod og sagt: «Få honom attende med
deg og gjev honom mat og drikka!»» Men det laug han
for honom. 19 So snudde han um att med honom og
åt i huset hans og drakk. 20 Men medan dei sat ved
bordet, kom Herrens ord til profeten som hadde fenge
honom attende. 21 Og han ropa til gudsmannen som
var komen frå Juda, og sagde: «So segjer Herren:
«For di du hev vore motstridig mot Herrens ord og ikkje
lydt det bodet som Herren, din Gud, gav deg, 22 men
snudde um att og ete og drukke på den staden der
han hadde forbode deg å gjera det, so skal liket ditt
ikkje koma i fedregravi di.»» 23 Då han no hadde ete
og drukke, sala han asnet åt honom, åt profeten, som
han hadde fenge attende. 24 Og han tok i veg, men
ei løva råka honom på vegen og drap honom. Sidan
låg liket hans slengt på vegen; men asnet gav seg
til å standa attmed det, og løva stod like eins attmed
liket. 25 Då no folk som gjekk framum der, fekk sjå liket
hans slengt på vegen, og løva standande attmed det,
gjekk dei inn i byen der den gamle profeten budde, og
tala um det. 26 Då profeten som hadde fenge honom
attende frå vegen, høyrde det, sagde han: «Det er
gudsmannen som var motstridig imot Herrens ord;
difor hev Herren gjeve honom løva i vald, og ho hev
rive honom sund og drepe honom, etter det ord som

Herren hadde tala til honom.» 27 Og han sagde til
sønerne sine: «Legg sal på asnet åt meg!» Og dei
sala det. 28 So tok han ut og fann liket liggjande slengt
på vegen, og løva og asnet standane attmed liket; løva
hadde ikkje ete av liket og ikkje rive sund asnet heller.
29 Og profeten tok upp liket av gudsmannen og lagde
honom på asnet og tok honom med seg attende; og
den gamle profeten gjekk inn i byen sin og vilde halda
syrgjehøgtid og gravleggja honom. 30 Og han lagde
liket hans i si eigi grav, og dei heldt syrgjehøgtid og
ropa: «Eie, eie meg, bror min!» 31 Då han no hadde
gravlagt honom, sagde han til sønerne sine: «Når eg
døyr, skal de leggja meg i den gravi som gudsmannen
ligg i; legg beini mine attmed hans bein. 32 For det
skal sanna seg, det som han, etter Herrens ord, sagde
imot altaret i Betel og imot alle offerhaughusi i byarne i
Samaria.» 33 Jerobeam vende like vel ikkje um ifrå sin
vonde veg etter denne hendingi, men heldt fram med å
gjera til prestar ved offerhaugarne både likt og ulikt.
Den som berre hadde hug til det, fekk av honom handi
fyllt, so dei kunde verta prestar ved haugarne. 34 På
denne vis vart Jerobeam upphavsmann til synd i ætti
si og orsak til at huset hans vart utrudt og utstroke av
jordi.

**14** Ved det bilet vart Abia, son åt Jerobeam, sjuk. 2
Då sagde Jerobeam til kona si: «Tak og klæd deg
ut, so ingen vert vis med at du er kona åt Jerobeam,
og gakk so til Silo! Der bur profeten Ahia, han som tala
um at eg skulde verta konge yver dette folket. 3 Tak
med deg ti brød og kakor og ei krukka med honning
og gakk inn til honom! Han skal vitra deg um korleis
det skal ganga med guten.» 4 Og kona åt Jerobeam
gjorde so; ho tok ut til Silo og kom til huset åt Ahia.
Men Ahia kunde ikkje sjå; for augo hans var star-blinde
av alderdom. 5 Men Herren hadde sagt til Ahia: «Kona
åt Jerobeam kjem og vil spyrja deg ut um son sin, for
han er sjuk. Det og det skal du segja med henne. Når
ho kjem, vil ho bera seg åt liksom ho var framand.» 6
Då no Ahia høyrde fotstigi hennar i det same ho kom
inn døri, sagde han: «Kom inn, du kona åt Jerobeam!
Kvi ber du deg åt liksom du var framand? Eg er send
til deg med eit hardt bod. 7 Gakk og seg til Jerobeam:
«So segjer Herren, Israels Gud: «Eg hev lyft deg upp
or folket og sett deg til fyrste yver folket mitt, Israel, 8
og rive riket ifrå Davids hus og gav det til deg. Men du
hev ikkje stelt deg som tenaren min, David; han heldt
bodi mine og fylgde meg av alt sitt hjarta, so han gjorde
einast det som rett var i mine augo; 9 men du hev gjort
meir vondt enn alle som hev vore fyre deg; du hev
gjenge av og laga deg andre gudar, støypte bilæte, for
å harma meg, og meg hev du kasta attum ryggen din.
10 Difor vil eg lata ulukka koma yver Jerobeams hus
og rydja ut kvar ein karmann av ætti hans både, både
ufri og fri i Israel, og eg skal sopa etter Jerobeams hus
plent som ein sopar burt skarn, til dess det ingen ting
er att av det. 11 Den av Jerobeams hus som døyr i
byen, skal hundarne eta upp, og den som døyr utpå
marki, skal fuglane under himmelen eta upp. For soleis
hev Herren tala.»» 12 Gakk no du heim att! Når føterne
stig inn i byen, so døyr barnet. 13 Og heile Israel skal
halda syrgjehøgtid for honom, og dei skal gravleggja
honom; for av Jerobeams hus er han den einaste som
skal koma i ei grav, etter di han var den einaste i
Jerobeams hus som det var noko godt hjå imot Herren,
Israels Gud. 14 Men Herren skal setja seg ein konge
yver Israel, som skal rydja ut Jerobeams hus. Dette er
dagen, og no skal det henda. 15 Herren skal slå Israel
som sevet voggar i vatnet, og han skal rykkja Israel
upp or dette gode landet, som han gav federne deira,
og strøya deim på andre sida åt Storelvi, for di dei hev
laga seg asjeror og vekt Herrens harm. 16 Og han
skal ofra Israel for dei synder skuld som Jerobeam
gjorde, og som han fekk Israel til å gjera.» 17 Då reis
kona åt Jerobeam upp og gjekk sin veg og kom til
Tirsa, og med same ho steig yver dørstokken i huset,
døydde guten. 18 Og dei gravlagde honom, og heile
Israel heldt syrgjehøgtid for honom, etter det ord som
Herren hadde tala ved tenaren sin, profeten Ahia. 19
Det som elles er å fortelja um Jerobeam, um krigerne
hans og styringi hans, det er uppskrive i krønikeboki åt
Israels-kongarne. 20 Styringstidi åt Jerobeam var tvo
og tjuge år. So lagde han seg til kvile hjå federne sine,
og Nadab, son hans, vart konge i staden hans. 21 Men
Rehabeam, son åt Salomo, var konge i Juda; ein og
fyrti år var Rehabeam då han vart konge, og syttan år
styrde han i Jerusalem, den byen som Herren hadde
valt ut av alle Israels ætter til bustad for namnet sitt.
Mor hans var ei ammonitkvinna som heitte Na'ama. 22
Og Juda gjorde det som vondt var i Herrens augo;
med dei synder dei gjorde, vekte dei brennhugen hans
meir enn federne deira hadde gjort. 23 Dei og bygde
seg offerhaugar og laga til stolpar og asjeror på kvar
ein høg bakke og under kvart eit grønt tre; 24 ja, det
var jamvel utukt-sveinar i landet. Dei heldt på med
all styggedomen hjå dei folki som Herren hadde jaga
undan for Israels-sønerne. 25 I femte styringsåret
åt Rehabeam drog egyptarkongen Sisak upp imot
Jerusalem. 26 Og han tok skattarne i Herrens hus og
skattarne i kongshuset; alt saman tok han. Han tok alle
gullskjoldarne og, som Salomo hadde late gjera. 27 I
deira stad fekk kong Rehabeam gjort koparskjoldar og
gav deim i varveitsla til hovdingarne for livvakti, dei som
heldt vakt ved inngangen til kongshuset; 28 og kvar

gong kongen gjekk til Herrens hus, bar vaktmennerne
deim og tok deim so attende til vaktstova. 29 Det som
elles er å fortelja um Rehabeam, um alt det han gjorde,
det er uppskrive i krønikeboki åt Juda-kongarne. 30
Millom Rehabeam og Jerobeam var det ufred stødt. 31
Og Rehabeam lagde seg til kvile hjå federne sine, og
vart gravlagd hjå federne sine i Davidsbyen. Mor hans
heitte Na'ama, ammonitkvinna. Og Abiam, son hans,
vart konge i staden hans.

**15** I det attande styringsåret åt Jerobeam Nebatsson
vart Abiam konge yver Juda. 2 Tri år styrde han i
Jerusalem; mor hans heitte Ma'aka Abisalomsdotter.
3 Og han fylgde far sin i alle dei syndar som han
hadde gjort fyre honom, og hjarta hans var ikkje heilt
med Herren, hans Gud, som hjarta åt David, far hans,
hadde vore. 4 Men for David skuld gav Herren, hans
Gud, honom ei lampa i Jerusalem, med di han lyfta
upp son hans etter honom og let Jerusalem få standa,
5 for di David hadde gjort det som rett var i Herrens
augo og ikkje vike ifrå noko av det han hadde bode
honom, so lenge han livde, so nær som i saki med
hetiten Uria. 6 Millom Rehabeam og Jerobeam var det
ufred so lenge han livde. 7 Det som elles er å fortelja
um Abiam og um alt det han gjorde, det er uppskrive i
krønikeboki åt Juda-kongarne. Abiam og Jerobeam
låg i ufred med kvarandre. 8 Og Abiam lagde seg
til kvila hjå federne sine, og dei gravlagde honom i
Davidsbyen; og Asa, son hans, vart konge i staden
hans. 9 I tjugande året åt Jerobeam, kongen i Israel,
vart Asa konge i Juda. 10 Han styrde eitt og fyrti år i
Jerusalem. Hans mor heitte Ma'aka Abisalomsdotter.
11 Og Asa gjorde det som rett var i Herrens augo,
liksom David, far hans. 12 Han jaga utukt-sveinarne ut
or landet, og fekk burt alle dei skarnsgudarne som far
hans hadde laga. 13 Og jamvel mor si, Ma'aka, sette
han ifrå hennar dronningrang, for di ho hadde late gjera
eit styggjelegt bilæte for Asjera; Asa hogg ned det
stygge bilætet hennar og brende det i Kidronsdalen.
14 Men offerhaugarne fekk dei ikkje burt; like vel var
hjarta åt Asa heilt med Herren, so lenge han livde. 15
Heilaggåvorne åt far sin og heilaggåvorne sine eigne
flutte han inn i Herrens hus, sylv og gull og ymse ting.
16 Millom Asa og Basea, kongen i Israel, var det ufred
so lenge dei livde. 17 Basea, Israels-kongen, drog
upp imot Juda og bygde ei borg i Rama, av di han
vilde hindra at nokon drog ut eller inn hjå Asa, kongen
i Juda. 18 Då tok Asa alt det sylv og gull som var
att i skattkammeri i Herrens hus og i skattkammeret i
kongsgarden og lagde det i handi åt tenarane sine;
so sende han dei til Benhadad, son åt Tabrimmon
Hezjonsson, syrarkongen, som budde i Damaskus,
med dei ordi: 19 «Det er eit samband millom meg
og deg, sameleis som millom far min og far din. Her
sender eg deg ei gåva i sylv og gull. Gjer no vel og brjot
sambandet ditt med Basea, Israels-kongen, so han lyt
draga burt ifrå meg!» 20 Og Benhadad lydde kong Asa
og sende herførarane sine imot byarne i Israel og herja
Ijon, Dan, Abel-Bet-Ma'aka og heile Kinnerot umfram
heile Naftalilandet. 21 Då Basea no høyrde det, slutta
han med borgbyggjingi i Rama og heldt seg sidan i ro i
Tirsa. 22 Men kong Asa baud ut heile Juda - ikkje ein
var friteken - og dei tok burt steinar og trevyrke som
Basea hadde bruka til byggverket i Rama; og med
det gjorde no kong Asa Geba i Benjamin og Mispa
til borgbyar. 23 Det som elles er å fortelja um Asa,
um alle storverki hans og alt han gjorde, um byarne
som han bygde, det er uppskrive i krønikeboki åt Juda-
kongarne. Men på sine gamle dagar fekk han ein
sjukdom i føterne. 24 Og Asa lagde seg til kvile hjå
federne sine og vart gravlagd hjå federne sine i byen
åt David, far sin. Og Josafat, son hans, vart konge i
staden hans. 25 Nadab Jerobeamsson vart konge i
Israel i det andre styringsåret åt Juda-kongen Asa og
rådde yver Israel i tvo år. 26 Han gjorde det som vondt
var i Herrens augo og stemnde fram på vegen til far
sin og i den synd som han hadde fenge Israel til å
gjera. 27 Men Basea Ahiason av Issakars hus fekk til
ei samansverjing imot honom, og Basea slo honom i
hel ved Gibbeton, som høyrde filistarane til; Nadab
med heile Israel heldt då på å kringsette Gibbeton. 28
Basea drap honom i det tridje styringsåret åt Juda-
kongen Asa, og han vart so konge i staden hans.
29 Og då han var konge vorten, slo han i hel heile
Jerobeams hus; han let det ikkje vera att ei livande
sjæl av Jerobeams hus, men gjorde ende på, etter det
ord som Herren hadde tala ved tenaren sin, siloniten
Ahia; 30 det var for dei synder skuld som Jerobeam
hadde gjort, og som han hadde fenge Israel til å gjera,
og for di han soleis hadde harma Herren, Israels Gud.
31 Det som elles er å fortelja um Nadab og um alt det
han gjorde, det er uppskrive i krønikeboki åt Israels-
kongarne. 32 Millom Asa og Basea, kongen i Israel, var
det ufred so lenge dei livde. 33 I det tridje styringsåret
åt Juda-kongen Asa vart Basea Ahiason konge yver
heile Israel i Tirsa, og det var han i fire og tjuge år.
34 Han gjorde det som vondt var i Herrens augo, og
stemnde fram på Jerobeams veg og i den synd som
han hadde fenge Israel til å gjera.

**16** Og Herrens ord kom til Jehu Hananison um
Baesa, soleis: 2 «Eg hev lyft deg upp or moldi og
sett deg til hovding yver Israel, folket mitt. Men du hev
fare der Jerobeam for, og fenge Israel, folket mitt, til å
synda, so dei hev harma meg med synderne sine. 3

Difor vil eg sopa etter Baesa og huset hans; eg vil gjera
med ditt hus som eg gjorde med huset åt Jerobeam
Nebatsson. 4 Den av huset åt Baesa som døyr i byen,
skal hundarne eta upp, og den av huset hans som
døyr utpå marki, skal fuglarne under himmelen eta
upp.» 5 Det som elles er å fortelja um Baesa og um
det han gjorde, um storverki hans, det er uppskrive i
krønikeboki åt Israels-kongarne. 6 Og Baesa lagde
seg til kvile hjå federne sine og vart gravlagd i Tirsa, og
Ela, son hans, vart konge i staden hans. 7 Men gjenom
profeten Jehu Hananison var Herrens ord kome til
Baesa og huset hans både for alt det han gjorde som
Herren mislika, då han harma honom med det som
henderne hans gjorde i likskap med Jerobeams hus,
og for det at han hadde slege dette i hel. 8 I det
seks og tjugande året åt Juda-kongen Asa vart Ela
Baesason konge yver Israel i Tirsa, og det var han i tvo
år. 9 Då fekk ein av tenarane hans, Zimri, hovdingen
for helvti av vognerne, til ei samansverjing imot honom,
og ein gong han hadde teke seg eit rus i Tirsa, i huset
åt Arsa, drottseten i Tirsa, 10 kom Zimri dit og slo han i
hel - det var i sju og tjugande året åt Juda-kongen Asa
- og so vart han sjølv konge i staden hans. 11 Og då
han hadde vorte konge og var komen på kongsstolen
sin, tynte han heile huset åt Baesa; han let det ikkje
vera att nokon karmann, men drap jamvel skyldfolk og
vener til honom. 12 So rudde Zimri ut heile huset åt
Baesa, etter det ord som Herren hadde tala til Baesa
gjenom profeten Jehu, 13 for alle dei synder skuld
som Baesa og Ela, son hans, hadde gjort, og som dei
hadde fenge Israel til å gjera, so dei harma Herren,
Israels Gud, med dei fånyttige avgudarne sine. 14 Det
som elles er å fortelja um Ela og alt det han gjorde,
det er uppskrive i krønikeboki åt Israels-kongarne. 15
I det sju og tjugande året åt Juda-kongen Asa vart
Zimri konge i sju dagar i Tirsa, den gongen folket
kringsette Gibbeton, som tilhøyrde filistarane. 16 Då
folket som låg i lægret, høyrde at Zimri hadde fenge til
ei samansverjing og jamvel slege kongen i hel, gjorde
heile Israel den israelitiske herføraren Omri til konge i
lægret same dagen. 17 Og Omri tok upp ifrå Gibbeton
og heile Israel med honom, og dei kringsette Tirsa. 18
Og då Zimri såg at byen var teken, gjekk han inn i borgi
i kongsgarden og sette eld på kongsgarden yver seg
og døydde soleis, 19 for dei synder han hadde gjort,
med di han gjorde det som vondt var i Herrens augo
og stemnde fram på Jerobeams veg og i den synd som
han hadde gjort og fenge Israel til å gjera. 20 Det som
elles er å fortelja um Zimri og um den samansverjingi
som han fekk til, det er uppskrive i krønikeboki åt
Israels-kongarne. 21 No kløydest Israels-folket seg i
tvo flokkar; den eine helvti av folket heldt med Tibni
Ginatsson og gjorde honom til konge, men den andre
helvti heldt seg til Omri. 22 Og den flokken som heldt
med Omri, vart for sterk for deim som heldt med Tibni
Ginatsson, og då Tibni døydde, vart Omri konge. 23 I
det eitt og trettiande året åt Juda-kongen Asa vart Omri
konge i Israel, og det var han i tolv år. I Tirsa styrde
han i seks år. 24 Han kjøpte berget Samaria av Semer
for fem våger sylv, og han bygde på berget og kalla
byen som han bygde der Samaria, etter Semer, som
hadde åtte berget. 25 Men Omri gjorde det som vondt
var i Herrens augo; ja, han bar seg verre åt enn alle
som hadde vore fyre honom. 26 Han fylgde Jerobeam
Nebatsson etter på alle hans vegar og i alle dei synder
som han hadde fenge Israel til å gjera, so dei harma
Herren, Israels Gud, med sine fånyttige avgudar. 27
Det som elles er å fortelja um Omri, um det han gjorde
og um storverki hans, det er uppskrive i krønikeboki åt
Israels-kongarne. 28 Og Omri lagde seg til kvile hjå
federne sine og vart gravlagd i Samaria, og Ahab, son
hans, vart konge i staden hans. 29 Ahab Omrison vart
konge yver Israel i det åtte og trettiande året åt Juda-
kongen Asa, og Ahab Omrison styrde Israel tvo og
tjuge år i Samaria. 30 Ahab Omrison gjorde det som
vondt var i Herrens augo, meir enn alle som hadde
vore fyre honom. 31 Det var ikkje nok for honom at
han livde i synderne til Jerobeam Nebatsson, men
han tok jamvel og gifte seg med Jezabel, dotter åt
sidonarkongen Etba'al, og gjekk so av stad og tente
Ba'al og tilbad honom. 32 Og han reiste eit altar for
Ba'al i det Ba'als-huset som han hadde bygt i Samaria.
33 Ahab fekk ei Asjera tillaga og gjorde meir til å harma
Herren, Israels Gud, enn alle Israels-kongarne som
hadde vore fyre honom. 34 I hans tid bygde beteliten
Hiel upp att Jeriko. Men det kosta honom eldste son
hans, Abiram, å leggja grunnen; og det kosta honom
yngste son hans, Segub, å setja upp portarne, etter
det ord Herren hadde tala gjenom Josva Nunsson.

**17** Og Elia frå Tisbe, ein av deim som hadde flutt
inn ifrå Gilead, sagde til Ahab: «So sant Herren,
Israels Gud, liver, han som eg er i tenesta hjå, so skal
det ikkje koma regn eller dogg i desse åri utan eg
segjer det.» 2 Og Herrens ord kom til honom soleis: 3
«Gakk herifrå og tak austetter og gøym deg attmed
bekken Kerit på hi sida Jordan! 4 Av bekken skal du
drikka, og føda til deg hev eg bode ramnarne syte for.»
5 Då tok han ut og gjorde som Herren hadde sagt; han
gjekk av stad og vart verande attmed bekken Kerit,
som er austanfor Jordan. 6 Og ramnarne bar brød
og kjøt til honom um morgonen og brød og kjøt um
kvelden, og av bekken drakk han. 7 Men då ei tid var
lidi, torna bekken, for det kom ikkje regn i landet. 8 Då

kom Herrens ord til honom; han sagde: 9 «Set i veg til
Sarefat, som høyrer til Sidon, og gjev deg til der! Eg
hev bede ei enkja syta for deg med føda.» 10 Han
tok i veg til Sarefat, og då han kom til byporten, fekk
han auga på ei enkja som sanka ved. Og han ropa til:
«Henta ein liten grand vatn åt meg i ei skål, so eg fær
drikka!» 11 Då ho no gjekk og skulde henta det, ropa
han etter henne, og sagde: «Tak med deg eit stykke
brød åt meg!» 12 Men ho svara: So sant Herren, din
Gud, liver; eg eig ikkje ein brødleiv; ein neve mjøl i
krukka og ein grand olje i krusi er det einaste; og no
sankar eg saman eit par vedkjeppar og gjeng inn og
lagar det til åt meg og son min; so fær me eta det og
sidan døy. 13 Då sagde Elia til henne: «Ottast ikkje,
gakk inn og gjer som du hev sagt! Men laga fyrst ei liti
kaka åt meg og ber ut åt meg! Sidan kann du få laga
til åt deg sjølv og son din. 14 For so segjer Herren,
Israels Gud: «Mjølkrukka skal ikkje verta tom, og ikkje
skal det skorta på olje i krusi, til dess Herren let det
regna på jordi.»» 15 Då gjekk ho av stad og gjorde
som Elia hadde sagt; og dei åt, både han og ho og
husfolket hennar, ei heil tid frametter. 16 Mjølkrukka
vart ikkje tom, og det skorta ikkje på olje i krusi; det
gjekk som Herren hadde tala gjenom Elia. 17 Men ei
tid etter desse hendingarne vart son åt kvinna, ho som
åtte huset, sjuk; og sjukdomen hans vart ovleg tung,
og til slutt andast han. 18 Då sagde ho til Elia: «Kva
hev du, gudsmann, å gjera hjå meg? Du er komen
til meg for å draga synda mi fram i minnet, so son
min måtte døy.» 19 Men han sagde til henne: «Lat
meg få guten din hit.» Og han tok honom or fanget
hennar og bar honom upp på salen der han budde, og
lagde honom på sengi si. 20 Og han ropa til Herren
og sagde: «Herre, min Gud! At du kunde senda slik
ulukka yver denne enkja som gjev meg herbyrge, og
late son hennar døy!» 21 Og han lutte seg burtyver
barnet tri gongar og ropa til Herren og sagde: «Herre,
min Gud! Lat sjæli til guten koma attende til honom!»
22 Og Herren høyrde Elia; guten fekk sjæli attende og
vart livande. 23 Og Elia tok barnet ifrå salen og hadde
det nedatt i huset og gav det til mori, og Elia sagde:
«Sjå, son din liver!» 24 Då sagde kvinna til Elia: «No
veit eg at du er ein gudsmann, og at Herrens ord i din
munn er sanning.»

**18** Ei lang tid deretter, det var tridje året, kom
Herrens ord til Elia, soleis: «Gakk av stad og
stig fram for Ahab, so skal eg sidan lata det regna
yver jordi.» 2 Og Elia tok i veg og vilde stiga fram
for Ahab. Men svolten var stor i Samaria. 3 Då kalla
Ahab til seg Obadja, som var drottsete. Obadja ottast
Herren av heil hug; 4 den gongen då Jezabel rudde
ut Herrens profetar, hadde Obadja teke og gøymt
hundrad profetar i tvo hellerar, femti mann i kvar heller,
og sytt for deim med brød og vatn. 5 Ahab sagde då
til Obadja: «Far igjenom landet til alle vatskjeldor og
bekkjer! Kann henda me kann finna gras, so me kann
halda liv i hestar og muldyr og sleppa slagta noko av
buskapen.» 6 Og dei skifte landet millom seg og for
igjenom det; Ahab for ein veg for seg, og Obadja tok
ein annan veg for seg. 7 Då no Obadja var på ferdi,
kom Elia til møtes med honom. Og han kjende honom
og kasta seg å gruve og sagde: «Er du her, min herre
Elia?» 8 Han svara honom: «Ja; gakk og seg til herren
din at Elia er her!» 9 Då sagde han: «Kva hev eg
forsynda meg med, sidan du vil gjeva tenaren din i
handi på Ahab, so han kann taka livet av meg? 10 So
sant Herren, din Gud, liver, det finst ikkje det folk eller
det rike utan at herren min hev sendt bod til det og
leita etter deg; og når dei sagde: «Her er han ikkje,
» so let han det riket eller det folket sverja på at dei
ikkje kunde finna deg. 11 Og no segjer du: «Gakk og
seg herren din at Elia er her!» 12 Um det no gjeng so,
når eg er gjengen ifrå deg, at Herrens Ande tek deg
burt til ein stad eg ikkje kjennar, og eg like vel kjem til
Ahab med bod um det, so drep han meg, når han ikkje
finn deg. Og tenaren din hev då ottast Herren like frå
ungdomen. 13 Hev dei ikkje fortalt deg, herre, kva eg
gjorde då Jezabel drap Herrens profetar? Då gøymde
eg hundrad mann av Herrens profetar i tvo hellerar,
femti mann i kvar heller, og sytte for deim med brød og
vatn. 14 Og no segjer du: «Gakk og seg til herren din:
Elia er her» - so at han få livet av meg.» 15 Då sagde
Elia: «So sant Herren, allhers drott, liver, han som hev
meg i tenesta, so skal eg i dag stiga fram for kongen.»
16 Obadja gjekk då til møtes med Ahab og fortalde
dette med honom, og Ahab gjekk til møtes med Elia.
17 Då Ahab såg Elia, sagde Ahab til honom: «Er du
her, du som dreg ulukka yver Israel?» 18 Han svara:
«Det er ikkje eg som dreg ulukka yver Israel, men du
og farshuset ditt, med di de hev vendt dykk frå Herrens
bod og fylgt Ba'alarne. 19 Men send no bod og lat heile
Israel stemna saman til meg på Karmelfjellet, og like
eins dei fire hundrad og femti Ba'als-profetarne og dei
fire hundrad Asjera-profetarne som gjeng til bords hjå
Jezabel! 20 Og Ahab sende bod ikring til alle Israels-
sønerne, og samla profetarne på Karmelfjellet. 21 Då
steig Elia fram for folkemengdi og sagde: Kor lenge vil
de halda på å halta til båe sidor? Er det Herren som er
Gud, so ten honom; men er det Ba'al som er Gud, so
ten honom!» Folket svara ikkje eit ord. 22 Då sagde
Elia til folket: «Eg er no den einaste som er att av
Herrens profetar; men Ba'als-profetarne er fire hundrad
og femtimann. 23 Lat oss no få tvo uksar, og lat deim
velja seg ut den eine uksen og hogga honom i stykke

og leggja honom på offerveden, men ikkje kveikja eld
på, og eg skal laga til den andre uksen og leggja den
på offerveden, men ikkje kveikja eld på. 24 So kann de
kalla på namnet åt dykkar gud, og eg skal kalla på
Herrens namn. Og lat det då vera so, at den gud som
då svarar med eld, han er Gud.» Heile folkemengdi
svara: «Det framlegget er godt.» 25 Og Elia sagde til
Ba'als-profetarne: «Vel dykk ut den eine av uksen og
laga til den fyrst, etter di de er dei fleste, og ropa so på
guden dykkar, men kveik ikkje eld på!» 26 Då tok dei
den uksen som han hadde gjeve deim, og laga honom
til og ropa på Ba'al frå morgon til middag og sagde:
«Ba'al, svara oss!» Men det kom ingen ljod, og ingen
svara. Dei hinka kringum altaret som dei hadde sett
upp. 27 Ved middagsleite tok Elia på å gjøra narr av
deim og sagde: «Ropa med sterkare mål! For han er
då Gud, må vita; han sit vel og grundar på eitkvart,
eller og er han gjengen til sides eller er ute på ferd;
eller kann henda han søv, då vaknar han vel.» 28 Og
dei ropa med sterkt mål og flengde seg med sverd og
spjot som deira vis var, til dess blodet flaut nedetter
deim. 29 Då det leid yver middag, rasa dei til fram imot
grjonoffer-tidi; men det kom ingen ljod, og ingen svara,
og ingen brydde seg um deim. 30 Då sagde Elia til
folkemengdi: «Kom hit til meg!» Og folkemengdi gjekk
burt til honom. Då bygde han upp att Herrens altar,
som hadde vorte nedrive. 31 Elia tok tolv steinar, etter
talet på ættarne av Jakobs-sønerne, han som Herren
hadde tala til soleis: «Israel skal namnet ditt vera.» 32
Og av steinarne bygde han eit altar i Herrens namn,
og grov ei veit umkring altaret um lag so stor som til
tvo halvskjeppor sæde. 33 So lagde han offerveden til
rettes og hogg uksen i stykke og lagde han ovanpå
veden. 34 Og han sagde: «Fyll i fire krukkor med vatn,
og aus det ut yver brennofferet og veden!» Og han
sagde: «Gjer det ein gong til!» Og dei gjorde det andre
gongen. Men han sagde: «Gjer det tridje gongen!»
Og dei gjorde det tridje gongen. 35 Vatnet flaut rundt
umkring altaret, og han fyllte veiti med vatn. 36 Og
ved grjonoffer-tidi steig Elia, profeten, fram og sagde:
«Herre, Abrahams og Isaks og Israels Gud! Lat det
verta ålkjent i dag at du er Gud i Israel, og at eg er
tenaren din, og at eg hev gjort alt dette etter bod ifrå
deg! 37 Svara meg, Herre, svara meg, so dette folket
kann få kjenna at du, Herre, er Gud, og vender hugen
deira attende til deg!» 38 Då rann Herrens eld ned og
åt upp brennofferet og veden og steinarne og moldi og
sleikte upp vatnet som var i veiti. 39 Og folkemengdi
såg det, og dei kasta seg å gruve og sagde: «Det
er Herren som er Gud! Det er Herren som er Gud!»
40 Då sagde Elia til deim: «Tak Ba'als-profetarne, lat
ingen av deim sleppa undan!» Og dei tok dem, og Elia
styrde deim ned til Kisonbekken og let deim drepa der.
41 Og Elia sagde til Ahab: «Far no upp att og et og
drikk! For eg høyrer sus av regn.» 42 Då for Ahab upp
og vilde eta og drikka. Men Elia steig upp på toppen av
Karmel, lutte seg ned mot jordi og lagde andlitet millom
knei sine. 43 Og han sagde til drengen sin: «Gakk upp
og skoda utåt havet!» Drengen gjekk upp og skoda ut,
men sagde: «Eg ser ingenting.» Sju gonger bad han
honom ganga upp att. 44 Då han so kom dit sjuande
gongen, sagde han: «No ser eg det stig upp av havet
ei liti sky; ho er ikkje større enn neven på ein mann.»
Då sagde han: «Gakk upp og seg til Ahab: «Beit fyre
og far ned, so ikkje regnet skal hefta deg!»» 45 Og i
ei handevending myrkna himmelen til med skyer og
storm, og snart silregnde det. Men Ahab køyrde av
stad og for til Jizre'el. 46 Og Herrens hand kom yver
Elia, so at han sette livgjord ikring seg og sprang fyre
Ahab like til Jizre'el.

**19** Ahab fortalde Jezabel alt det som Elia hadde
gjort, og korleis han hadde drepe alle profetarne
med sverd. 2 Då sende Jezabel eit bod til Elia med
dei ordi: «Gudarne late meg bøta både no og sidan,
um eg ikkje i morgon ved denne tid skal lata ditt liv få
same lagnad som kvar av hine.» 3 Og då han fekk
den greida, tok han ut og rømde for livet, og han kom
til Be'erseba, som høyrer til Juda; der let han drengen
sin vera att. 4 Men sjølv gjekk han ei dagsleid ut i
øydemarki. Der sette han seg under ein einerunne,
og han ynskte at han måtte få døy, og sagde: «No er
det nok; Herre, tak no livet mitt, for eg er ikkje betre
enn federne mine.» 5 So lagde han seg til å sovna
under ein einerunne. Men då tok ein engel i honom og
sagde: «Statt upp og et!» 6 Og då han skulde sjå til, so
låg det ved hovudgjerdi hans ei kaka steikt på gloande
steinar, og det stod ei krukke med vatn; og han åt og
drakk og lagde seg att. 7 Då kom Herrens engel att
andre gongen og tok i honom og sagde: «Statt upp og
et! For elles vert vegen for lang for deg.» 8 Og han
stod upp og åt og drakk, og styrkt av denne maten
gjekk han i fyrti dagar og fyrti netter alt til Gudsfjellet
Horeb. 9 Der gjekk han inn i ein heller og var der
um natti. Då kom Herrens ord til honom; han sagde
til honom: «Kva vil du her, Elia?» 10 Og han svara:
«Eg hev brunne av brennhug for Herren, allhers Gud;
for Israels-borni hev vendt seg burt ifrå sambandet
ditt; altari dine hev dei rive ned, og profetarne dine
hev dei drepe med sverd; eg er att åleine, og dei
stend meg etter livet.» 11 Då sagde han: «Gakk ut og
statt på fjellet for Herrens åsyn!» Og so gjekk Herren
framum der. Fyre Herren kom det ein stor og veldug
storm, so fjell rivna og klettar klovna; Herren var ikkje i
stormen. Etter stormen kom det ein jordskjelv; Herren

var ikkje i jordskjelven. 12 Etter jordskjelven kom det
eld; men Herren var ikkje i elden. Etter elden høyrdest
ei mild susing. 13 So snart Elia høyrde det, sveipte
han andlitet inn i kappa si og gjekk ut og stod ved
inngangen til helleren. Då tala ei røyst til honom og
sagde: «Kva vil du her, Elia?» 14 Og han svara: «Eg
hev brunne av brennhug for Herren, Allhers Gud; for
Israels-borni hev vendt seg burt frå sambandet ditt;
altari dine hev dei rive ned, og profetarne dine hev
dei drepe med sverd; eg er att åleine, og dei stend
meg etter livet.» 15 Herren sagde til honom: «Far no
attende og tak vegen til Damaskusheidi, og gakk inn i
byen og salva Hazael til konge yver Syria! 16 Og Jehu
Nimsison skal du salva til konge yver Israel, og Elisa
Safatsson frå Abel-Mehola, skal du salva til profet i
din stad. 17 Då skal det ganga so: Den som slepp
undan Hazael-sverdet, honom skal Jehu drepa, og
den som slepp undan Jehu-sverdet, skal Elisa drepa.
18 Men eg vil lata sju tusund vera att i Israel, alle dei
kne som ikkje hev bøygt seg for Ba'al, og kvar munn
som ikkje hev gjeve honom hyllingskyss.» 19 Då han
gjekk derifrå, råka han på Elisa Safatsson, som heldt
på og pløgde; tolv par uksar gjekk fyre honom, og
sjølv køyrde han det tolvte paret. Og Elia gjekk burt til
honom og kasta kappa si på honom. 20 Då slepte han
uksarne og sprang etter Elia og sagde: «Lat meg få
kyssa far min og mor mi, so skal eg fylgja deg!» Han
sagde til honom: «Snu heim att då! Men kom i hug kva
eg hev gjort med deg!» 21 So gjekk han ifrå honom att
og tok dei tvo uksarne og slagta deim, og med oket åt
uksarne koka han kjøtet deira og gav folket, og dei åt.
Sidan tok han ut og fylgde Elia og vart tenaren hans.

**20** Benhadad, kongen i Syria, samla heile heren sin,
og han hadde med seg tvo og tretti kongar, og
hestar og vogner; han drog upp og kringsette Samaria
og gjorde åtak på byen. 2 Og han sende bod inn i
byen til Ahab, Israels-kongen, 3 med dei ordi: «So
segjer Benhadad: «Sylvet ditt og gullet ditt høyrer
meg til, og dei vænaste av konorne og borni dine,
høyrer meg til.»» 4 Israels-kongen svara og sagde:
«Det er som du segjer, herre konge. Eg høyrer deg til
med alt som mitt er.» 5 Men sendebodi kom att og
sagde: «So segjer Benhadad: «Eg sende bod til deg
med dei ordi: «Sylvet ditt og gullet ditt og konorne
og borni dine skal du gjeva meg.» 6 I morgon ved
dette bilet sender eg tenarane mine til deg, og dei
skal ransaka ditt hus og husi åt tenarane dine, og alt
det augo dine hev likar best, skal dei taka med seg
og føra burt.»» 7 Då kalla Israels-kongen til seg alle
styresmennerne i landet og sagde: «De må skyna og
sjå at han vil oss vondt. For han sende bod til meg um
konorne og borni mine og um sylvet og gullet mitt, og
eg neitta ikkje å gjeva honom det.» 8 Då sagde alle
styresmennerne og alt folket: «Du må ikkje høyra på
honom og ikkje gjera honom til viljes.» 9 Då sagde
han til sendebodi frå Benhadad: «Seg til min herre
kongen: «Eg skal gjera alt det som du fyrste gongen
sende bod um til tenaren din; men dette kann eg ikkje
gjera.»» So gjekk sendebodi burt og bar svaret fram.
10 Då sende Benhadad bod til honom med dei ordi:
«Gudarne late meg bøta no og sidan, um gruset i
Samaria skal rekka til å fylla nevarne på alt det folket
som eg hev med meg.» 11 Men Israels-kongen svara
og sagde: «So skal de segja: «Ei rose seg den som
bind sverdet um seg, som den som løyser det av
seg!»» 12 Då Benhadad høyrde det svaret, medan
han og kongarne sat og drakk i lauvhyttorne, sagde
han til tenarane sine: «Ferdig til åtak!» Og dei gjorde
seg ferdige til å setja inn på byen. 13 Med same kom
det ein profet burt til Ahab, Israels-kongen, og sagde:
«So segjer Herren: «Ser du heile denne store hopen? I
dag skal du sjå eg gjev honom i di hand, so du skal
skyna at eg er Herren.»» 14 Men Ahab spurde: «Kven
skal vera reidskap?» Han svara: «So segjer Herren:
«Jarlesveinarne.»» Og han spurde: «Kven skal taka til
med striden?» Og han svara: «Det skal du.» 15 So
mynstra han jarlesveinarne, og dei var tvo hundrad og
tvo og tretti, og etter deim mynstra han heile folket,
alle Israels-sønerne, sju tusund i talet. 16 Dei drog ut
ved middagsbil, medan Benhadad drakk seg eit rus
i lauvhyttorne saman med dei tvo og tretti kongarne
som skulde hjelpa honom. 17 Fyrst drog jarlesveinar
ut, og dei bodi Benhadad sende, melde honom at det
kom folk ut frå Samaria. 18 Då sagde han: «Hev dei
drege ut til fred, so grip deim livande, og hev dei drege
ut til strid, so grip deim livande!» 19 Men dei drog ut or
byen, jarlesveinarne og heren som fylgde deim, 20 og
dei hogg ned kvar sin mann, og syrarane rømde, og
Israel sette etter deim, og Benhadad, syrarkongen,
slapp undan på ein hest saman med nokre riddarar.
21 So drog Israels-kongen ut og slo hestfolket og
vognheren, so syrarane leid stor usiger. 22 Då steig
profeten fram for Israels-kongen og sagde til honom:
«Gakk og samla krafti di, og tenk vel etter kva du vil
gjera! For næste år dreg syrarkongen upp i mot deg
att.» 23 Men tenarane åt syrarkongen sagde til honom:
«Guden deira er ein fjellgud, difor vann dei yver oss,
lat oss strida imot deim på sletta, so skal me visseleg
vinna yver deim. 24 Og dette skal du gjera: Set kvar og
ein av kongarne av frå hans post, og set jarlar i staden
deira. 25 Få deg so sjølv ein her, likso stor som den
du hev mist, og likso mange hestar og vogner, og lat
oss so strida imot deim på sletta, då skal me visseleg
vinna yver deim.» Han høyrde på det dei sagde, og

gjorde so. 26 Året etter mynstra Benhadad syrarane
og drog upp til Afek, til strid imot Israel. 27 Og Israels-
sønerne vart mynstra og utnista, og dei drog imot
deim; og Israels-sønerne lægra seg midt imot deim
som tvo små geiteflokkar, men syrarane fyllte landet.
28 Då steig gudsmannen fram og sagde til Israels-
kongen: «So segjer Herren: «For di syrarane hev sagt
at Herren er ein fjellgud og ikkje ein dalgud, so vil eg
gjeva heile denne store hopen i henderne dine, og de
skal skyna at eg er Herren.»» 29 So låg dei lægra imot
kvarandre i sju dagar; men på den sjuande dagen kom
det til strid, og Israels-sønerne hogg ned syrarane,
hundrad tusund fotfolk på ein dag. 30 Dei som var
att, rømde inn i byen Afek, men bymuren ramla ned
yver dei sju og tjuge tusund mann som var att. Og
Benhadad rømde og kom inn i byen og sprang frå
kove til kove. 31 Då sagde mennerne hans til honom:
«Høyr no her!» Me hev frett at kongarne av Israels hus
er milde kongar; lat oss binda sekkjety um lenderne
og reip um hovudet og ganga ut til Israels-kongen!
Kann henda han let deg få liva. 32 So batt dei sekkjety
um lenderne og reip um hovudet og gjekk til Israels-
kongen, og sagde: «Tenaren din Benhadad segjer:
«Lat meg få liva!»» Og han svara: «Er han endå i
live? Han er bror min.» 33 Og mennerne tok det for
eit godt varsel, og dei skunda seg og tok honom på
ordet og sagde: «Ja, Benhadad er bror din.» Då sagde
han: «Gakk og henta honom!» Og Benhadad kom ut
til honom, og han let honom stiga upp på vogni. 34
Då sagde Benhadad til honom: «Dei byarne som far
min tok frå far din, skal eg gjeva deg att, og du kann
gjera deg gator i Damaskus, liksom far min gjorde i
Samaria.» «Ja vel, » (svara Ahab) «på dei vilkåri skal
eg gjeva deg fri». So gjorde han samband med honom
og let honom fara. 35 Men ein av profetsveinarne
sagde til ein annan etter Herrens fyresegn: «Slå meg!»
Men mannen vilde ikkje slå honom. 36 Då sagde han
til honom: «Av di du ikkje lydde Herrens røyst, so skal
ei løva slå deg når du gjeng burt ifrå meg.» Og då
han gjekk ifrå honom, råka ei løva på honom og slo
honom ned. 37 Sidan råka han ein annan mann og
sagde: «Slå meg!» Og mannen slo honom so han fekk
ei flengja. 38 So gjekk profeten og stelte seg på vegen
der kongen skulde koma; men han batt eitt plagg for
augo, so ingen kunde kjenna honom. 39 Då kongen so
kom framum der, ropa han til kongen: «Tenaren din
hadde gjeve seg inn i striden; då kom det ein mann ut
or fylkingi og førde til meg ein mann og sagde: «Tak
vare på denne mannen! Slepp han burt, skal du svara
for honom med ditt liv eller vega ut tvo og ei halv våg
sylv.» 40 Men medan tenaren din hadde eitt og anna å
gjera her og der, so slapp han burt.» Israels-kongen
sagde til honom: «So hev du domen som du sjølv hev
felt.» 41 Då skunda han seg og tok plagget burt frå
augo sine, og Israels-kongen kjende honom, at han var
ein av profetarne. 42 Han sagde til honom: «So segjer
Herren: «Sidan du hev slept or henderne den mannen
som eg hev bannstøytt, so skal ditt liv svara for hans
liv, og ditt folk for hans folk.»» 43 Og Israels-kongen
for heim, mismodig og harm, og kom til Samaria.

**21** Sidan hende denne tilburden: Jizre'eliten Nabot,
hadde ein vinhage som låg i Jizre'el innåt slottet
til Ahab, kongen i Samaria. 2 Og Ahab tala med Nabot
og sagde: «Lat meg få vinhagen din, so eg kann hava
honom til kålhage, for han ligg so nær innåt huset
mitt. Eg skal gjeva deg ein betre vingard i staden,
eller um du so tykkjer, skal eg greida verdet ut i reide
pengar.» 3 Men Nabot sagde til Ahab: «Aldri i verdi
vil eg gjeva deg fedrearven min!» 4 Då gjekk Ahab
heim, mismodig og harm for det svaret jisre'eliten
Nabot hadde gjeve honom då han sagde: «Eg vil
ikkje gjeva deg fedrearven min.» Og han lagde seg
i sengi og snudde seg burt og vilde ikkje eta. 5 Då
kom Jezabel, kona hans, inn til honom og sagde til
honom: «Kvi er du so stur i hugen, so du ikkje vil eta?»
6 Han svara henne: «Eg tala med jizre'eliten Nabot
og sagde til honom: «Lat meg få vinhagen din for
pengar, eller um du so tykkjer, skal eg gjeva deg ein
annan vinhage i staden.» Men han svara: «Eg vil ikkje
gjeva deg vinhagen min.»» 7 Då sagde Jezabel, kona
hans, til honom: «Er det du som no hev kongevelde
i Israel? Statt upp, et og ver i godlag! Eg skal gjeva
deg vinhagen åt jizre'eliten Nabot.» 8 Og ho skreiv eit
brev i namnet åt Ahab og sette innsigle under med
hans seglring og sende brevet til styresmennerne og
storfolket i byen hans Nabot, dei som budde saman
med honom. 9 Ho skreiv soleis i brevet: «Lys til ei
fasta, og set so Nabot øvst millom folket, 10 og set tvo
uvyrdne karar midt imot honom, og lat deim vitna imot
honom og segja: «Du hev banna Gud og kongen!» Før
so honom ut og steina honom i hel!» 11 Mennerne
i byen hans, styresmennerne og storfolket, dei som
budde der i byen hans, gjorde etter det bodet som
Jezabel hadde sendt deim, so som det var skrive
i brevet ho hadde sendt til deim. 12 Dei lyste til ei
fasta og sette Nabot øvst millom folket; 13 og dei tvo
uvyrdne kararne kom og sette seg midt imot honom,
og uvyrdorne vitna imot Nabot for folket og sagde:
«Nabot hev banna Gud og kongen.» So førde dei
honom utanfor byen og kasta stein på honom til han
døydde. 14 Og dei sende bod til Jezabel med dei ordi:
«Nabot er steina i hel.» 15 Då Jezabel høyrde at Nabot
var steina i hel, sagde Jezabel til Ahab: «Statt upp,
eigna til deg vinhagen åt jizre'eliten Nabot, den som

han ikkje vilde gjeva deg for pengar! For Nabot er ikkje
lenger i live, han er dåen.» 16 Då Ahab høyrde at
Nabot var dåen, stod Ahab upp og gav seg på vegen
til vinhagen åt jizre'eliten Nabot og vilde eigna honom
til seg. 17 Men Herrens ord kom til Elia frå Tisbe soleis:
18 «Statt upp, og far ned og møt Ahab, Israels-kongen,
som bur i Samaria! No er han i vinhagen åt Nabot,
han hev gjenge ned og vil eigna til seg. 19 Du skal
tala med honom og segja: «So segjer Herren: Hev
du no både drepe og eigna til deg arven?» Og du
skal tala med honom og segja: «So segjer Herren:
På same staden som hundarne hev slikka blodet åt
Nabot, skal hundarne slikka blodet ditt og.»» 20 Ahab
sagde til Elia: «Hev du funne meg, du fienden min?»
Han svara: «Ja, eg hev funne deg. Sidan du hev selt
deg til å gjera det som vondt er i Herrens augo, 21 so
fører eg ulukka yver deg, og eg skal sopa etter deg og
rydja ut or Ahabs-ætti kvar ein karmann, både ufri og
fri i Israel. 22 Og eg skal fara med ditt hus som eg
for med huset åt Jerobeam Nebatsson og huset åt
Baesa Ahiason, for di du hev harma meg so mykje og
forført Israel til synd. 23 Um Jezabel og hev Herren
tala og sagt: «Hundarne skal eta upp Jezabel attmed
Jisre'elsmuren. 24 Den av Ahabs-ætti som døyr i byen,
skal hundarne eta upp, og den som døyr ute på marki,
skal fuglarne eta upp.»» 25 Aldri hev det vore nokon
slik som Ahab, som selde seg sjølv til å gjera det
som vondt var i Herrens augo, av di Jezabel, kona
hans, eggja honom. 26 Mykje stygt gjorde han, med
di han for etter dei ufyselege avgudarne, plent som
amoritarne hadde gjort, dei som Herren dreiv burt for
Israels-borni. 27 Men då Ahab høyrde dei ordi, reiv
han sund klædi sine og sveipte sekk um kroppen og
fasta; og han sov i sekkjetyet og for stilt fram. 28 Då
kom Herrens ord til Elia frå Tisbe soleis: 29 «Hev du
set korleis Ahab audmykjer seg for meg? For di han
audmykjer seg, skal eg ikkje lata ulukka koma i hans
livstid; men i hans sons tid skal eg lata ulukka koma
yver huset hans.»

**22** No heldt dei seg rolege i tri år; det var ingen ufred
millom Syria og Israel. 2 Men i det tridje året bar
det so til at Josafat, Juda-kongen, drog ned til Israels-
kongen. 3 Då sagde Israels-kongen til mennerne sine:
«Veit de ikkje at Ramot i Gilead høyrer oss til? Men
me sit rolege og tek ikkje byen ifrå syrarkongen.» 4
Og han sagde til Josafat: «Vil du draga med meg til
strid um Ramot i Gilead?» Og Josafat sagde til Israels-
kongen: «Eg som du, mitt folk som ditt folk, mine hestar
som dine hestar.» 5 Men Josafat sagde til Israels-
kongen: «Spør like vel fyrst Herrens ord til råds!» 6 Då
stemnde Israels-kongen saman profetarne, kring fire
hundrad mann, og spurde dei: «Skal eg draga ut og
strida um Ramot i Gilead, eller skal eg lata vera?» Dei
svara: «Drag dit upp! Herren vil gjeva byen i henderne
på kongen.» 7 Men Josafat spurde: «Er det ikkje
endå ein av Herrens profetar her, so me kunde spyrja
Herren gjenom honom?» 8 Israels-kongen svara: «Det
er endå ein mann som ein kann spyrja Herren ved,
men eg hatar honom, for di han spår meg aldri noko
godt, men berre vondt; det er Mika Jimlason.» Josafat
sagde: «Soleis må ikkje kongen tala!» 9 Då kalla
Israels-kongen på ein hirdmann og sagde: «Henta
snøgt Mika Jimlason!» 10 Israels-kongen og Juda-
kongen Josafat sat klædde i sine skrud på kvar sin
kongsstol, på treskjarvollen ved inngangen til byporten
i Samaria, og alle profetarne spådde framfyre deim.
11 Sidkia, son åt Kena'ana, gjorde seg horn av jarn
og sagde: «So segjer Herren: «Med slike horn skal
du stanga syrarane til du tynar deim.»» 12 Og alle
profetarne spådde på same måten og sagde: «Drag
upp til Ramot, so skal du få siger, og Herren vil gjeva
byen i henderne på kongen.» 13 Sendemannen som
var gjengen og skulde henta Mika, sagde til honom:
«Profetarne hev samrøystes lova kongen lukka, lat då
ordi dine samstavas med deira, og lova lukka du og!»
14 Men Mika svara: «So sant som Herren liver, vil eg
berre tala det som Herren segjer til meg.» 15 Då han
no kom til kongen, sagde kongen til honom: «Mika,
skal me draga av stad og strida um Ramot i Gilead,
eller skal me lata det vera?» Då sagde han: «Drag upp,
so skal du få siger, og Herren vil gjeva byen i henderne
på kongen.» 16 Men kongen sagde til honom: «Kor
mange gonger skal eg taka deg i eid på at du ikkje vil
segja meg anna enn sanningi i Herrens namn?» 17 Då
sagde han: «Eg såg heile Israel spreidt i fjelli som ein
saueflokk utan hyrding; og Herren sagde: «Dei der hev
ingen herre, lat deim snu heim att i fred, kvar til sitt!»»
18 Israels-kongen sagde til Josafat: «Sagde eg deg
ikkje, at han aldri varslar meg noko godt, berre vondt?»
19 Då sagde han: «So høyr då Herrens ord: Eg såg
Herren sitja på sin kongsstol, og heile himmelheren
stod der hjå honom på den høgre og den vinstre sida.
20 Og Herren sagde: «Kven vil dåra Ahab, so han
dreg upp og fell ved Ramot i Gilead?» Då sagde ein
so og ein annan so. 21 Men då kom anden fram og
stelte seg framfor Herren og sagde: «Eg skal lokka
honom!» Herren spurde honom: «Korleis?» 22 Han
svara: Eg vil ganga ut og vera ei ljugarånd i munnen
på alle profetarne hans.» Og han sagde: «Ja, du skal
lokka honom, og du skal og greida det. Gakk av stad
og gjer so!» 23 Sjå no hev Herren lagt ei ljugarånd i
munnen på alle desse profetarne dine, men Herren
hev varsla ulukka yver deg. 24 Då kom Sidkia, son åt

Kena'ana, fram og slo Mika på kinni og sagde: «Kva
veg hev då Herrens ande fare frå meg for å tala med
deg?» **25** Men Mika sagde: «Det skal du få sjå den
dagen du rømer frå kove til kove og vil gøyma deg.»
**26** Då sagde Israels-kongen: «Tak Mika og før honom
til byhovdingen Amon og kongssonen Joas, **27** og seg:
«Kongen byd dykk at det skal kasta denne mannen i
fangehuset og setja honom på snaud kost til kongen
kjem heim att med heilo!»» **28** Men Mika sagde: «Kjem
du heim att med heilo, då hev ikkje Herren tala gjenom
meg!» Og so sagde han: «Høyr de folk, alle saman!»
**29** So drog då Israels-kongen og Josafat, Juda-kongen,
upp til Ramot i Gilead. **30** Men Israels-kongen sagde
til Josafat: «Eg vil klæda meg ut fyrr eg gjeng inn i
striden; men hav du dine klæde på deg!» Og Israels-
kongen klædde seg ut og gjekk inn i striden. **31** Men
syrarkongen hadde gjeve det bodet til sine tvo og tretti
hovdingar for stidsvognarne, at dei ikkje skulde taka
på nokon, korkje liten eller stor, men berre Israels-
kongen. **32** Då no hovdingarne for stridsvognerne fekk
auga på Josafat, tenkte dei: «Det er visseleg Israels-
kongen!» Og dei vende seg til åtak på honom. Då
sette Josafat i eit høgt rop. **33** Og då hovdingarne for
stridsvognerne merka at det ikkje var Israels-kongen,
drog dei seg burt ifrå honom. **34** Men ein mann som
spende bogen og skaut på måfå, råka Israels-kongen
millom brynjeskøytingarne og brynja. Då baud han
vognstyraren sin: «Snu, og før meg ut or heren; for eg
er såra!» **35** Men striden vart hardare og hardare den
dagen, og Israels-kongen vart standande i vogni imot
syrarane; men um kvelden døydde han. Og blodet frå
såret hadde runne ned i vogni. **36** Ved soleglad gjekk
det ropet gjenom heren: «Kvar mann heim til sin by!
og kvar mann til sitt land!» **37** So døydde då kongen
og vart førd til Samaria, og dei jorda kongen i Samaria.
**38** Då dei skylde vogni ved dammen i Samaria, slikka
hundarne blodet hans, og skjøkjorne lauga seg i det,
etter Herrens ord som han hadde tala. **39** Det som
elles er å fortelja um Ahab og alt det han gjorde, og
um flisbeinhuset han bygde, og um alle dei byarne
han bygde, det er uppskrive i krønikeboki åt Israels-
kongarne. **40** So lagde Ahab seg til kvile hjå federne
sine, og Ahazja, son hans, vart konge i staden hans.
**41** Josafat Asason vart konge yver Juda i det fjorde
styringsåret åt Ahab, Israels-kongen. **42** Fem og tretti
år gamall var Josafat då han vart konge, og fem og
tjuge år rådde han i Jerusalem; mor hans heitte Azuba
og var dotter åt Silhi. **43** Og han for heilt i same faret
som Asa, far sin; han veik ikkje av frå det, med di
han gjorde det som rett var i Herrens augo. **44** Men
offerhaugarne vart ikkje burttekne, folket heldt ved og
ofra slagtoffer og brende røykoffer på haugarne. **45** Og
Josafat heldt fred med Israels-kongen. **46** Det som
elles er å fortelja um Josafat, og dei storverki han
gjorde og dei krigarne han førde, det er uppskrive i
krønikeboki åt Juda-kongarne. **47** Han rudde ut or
landet dei utukt-sveinarne som hadde vorte att den tid
Asa, far hans, styrde. **48** Det var ingen konge i Edom;
ein jarl var konge. **49** Josafat hadde ti Tarsis-skip som
skulde fara til Ofir etter gull; men dei kom ikkje av stad,
for nokre skip forliste ved Esjon-Geber. **50** Då sagde
Ahazja Ahabsson til Josafat: «Lat mine menner fara
med dine på skipi!» Men Josafat vilde ikkje. **51** Og
Josafat lagde seg til kvile hjå federne sine, og vart
gravlagd hjå federne sine i byen åt David, far hans,
og Joram, son hans, vart konge i staden hans. **52**
Ahazja Ahabsson vart konge yver Israel i det syttande
styringsåret åt Juda-kongen Josafat, og han rådde
yver Israel i tvo år. **53** Og han gjorde det som vondt var
i Herrens augo og for fram i fotefari åt far sin og mor
si og Jerobeam Nebatsson, han som fekk Israel til å
synda. Og han tente Ba'al og bad til honom, og harma
Herren, Israels Gud, plent som far hans hadde gjort.

# 2 Kongebok

**1** Etter Ahab var dåen, reiv Moab seg laus frå Israel.
**2** Ahazja låg sjuk, av di han hadde dotte ned millom
handridet på loftstova si i Samaria. Han gjorde då
av stad ei sendeferd og baud deim fara av og spyrja
Ekronguden Ba'al-Zebub um han skulde koma seg av
denne sjukdomen. **3** Herrens engel sagde då til Elia
frå Tisbe: «Gakk til møtes med sendeferdi frå Samaria
og seg med deim: «Finst det ingen Gud i Israel, sidan
de fer av og fretter Ekronguden Ba'al-Zebub? **4** Difor,
so segjer Herren: «Or sengi du er lagt i, skal du
ikkje koma upp att; du skal døy.»»» Og Elia gjekk. **5**
Sendeferdi snudde dermed heim att til kongen. Han
spurde: «Kvifor kjem de att?» **6** Dei svara: «Det kom
ein mann til møtes med oss. «Snu heim att til kongen
som sende dykk, » sagde han, «og meld honom at so
segjer Herren: «Finst det ingen Gud i Israel, sidan du
sender bod og fretter Ekronguden Ba'al-Zebub? Difor,
or sengi du er lagd i, skal du ikkje koma upp att; du skal
døy.»»» **7** Kongen spurde: «Korleis såg han ut, den
mannen som møtte dykk og tale soleis med dykk?»
**8** «Han gjekk med hårkyrtel, » svara dei, «og hadde
lerbelte kring livet.» «Det var Elia frå Tisbe, » sagde
han. **9** So sende han ein femtimanns-førar med sine
femti mann til honom. Han kom upp til honom der han
sat øvst på fjellet, og ropa til honom: «Du gudsmann,
kongen byd deg koma ned!» **10** Elia svara femtimanns-
føraren: «So sant eg er ein gudsmann, so fare eld ned
frå himmelen og øyde deg og dine femti mann!» Og
det for ned eld frå himmelen og øydde både honom og
dei femti han førde. **11** So sende han til honom ein
annan femtimanns-førar med sine femti mann. Han tok
til ords og sagde til honom: «Du gudsmann, so segjer
kongen: «Kom ned snøggast du kann!»» **12** Elia svara:
«So sant som eg er ein gudsmann, so fare eld ned frå
himmelen og øyde deg og dine femti mann!» Det for
då ned eld frå himmelen og øydde både honom og
dei femti mann han førde. **13** Då sende han ein tridje
femtimanns-førar med femti mann til. Denne tridje
femtimanns-føraren drog upp og fall på kne for Elia og
naudbad honom: «Du gudsmann! lat mitt liv og livet åt
desse femti tenarane dine vera dyrt i dine augo! **14**
Du veit at eld for ned frå himmelen og øydde båe dei
fyrre førarane og deira femtimanns-tropp. Haldt no mitt
liv dyrt!» **15** Då sagde Herrens engel til Elia: «Gakk
med honom! Ver ikkje rædd for honom!» So stod han
upp og gjekk med honom til kongen. **16** Og sagde til
honom: «So segjer Herren: «Av di du gjorde av stad ei
sendeferd til å fretta Ekronguden Ba'al-Zebub - nett
som det ingen Gud vore i Israel til å spyrja um det -
difor skal du ikkje koma upp or sengi du er lagd i; du
skal døy!»» **17** Og han døydde so som Herren tala
ved Elia. Og Joram vart konge etter honom; for han
hadde ingen son. Dette hende i andre styringsåret åt
Juda-kongen Joram Josafatsson. **18** Det som elles er
å fortelja um Ahazja, det han gjorde, det er uppskrive i
krønikeboki åt Israels-kongarne.

**2** Den gongen Herren tok Elia upp til himmelen i ein
storm, skulde Elia og Elisa på utferd frå Gilgal. **2**
Elia sagde med Elisa: «Ver du her! Herren hev sendt
meg til Betel.» Men Elisa svara: «So sant Herren liver,
og so sant du liver, eg skil ikkje lag med deg.» So
for dei ned til Betel. **3** Profetsveinarne i Betel møtte
Elisa: «Veit du det, » sagde dei, «at i dag tek Herren
husbonden din ifrå deg?» «Ja, eg veit det, » svara han;
«de tarv ikkje nemna det.» **4** Elia sagde med honom:
«Elisa, ver du her! Herren hev sendt meg til Jeriko.»
Men han svara: «So sant Herren liver, og so sant du
liver, eg skil ikkje lag med deg.» So kom dei til Jeriko.
**5** Profetsveinarne i Jeriko gjekk fram til Elisa: «Veit
du det, » sagde dei, «at i dag tek Herren husbonden
din ifrå deg?» «Ja, vel veit eg det, » svara han; «det
tarv ikkje nemna det.» **6** Elia sagde med honom: «Ver
du her! Herren hev sendt meg til Jordan.» Men han
svara: «So sant Herren liver, og so sant du liver, eg skil
ikkje lag med deg.» So gjekk dei båe tvo. **7** Femti av
profetsveinarne fylgde, og stod eit godt stykke undan,
medan dei tvo stod attmed Jordan. **8** Elia tok kappa
si, sveipte henne i hop og slo på vatnet. Då kløyvde
det seg til båe kanter, so dei gjekk båe yver på turre
botnen. **9** Då dei var komne yver, sagde Elias med
Elisa: «Kva ynskjer du eg skal gjera for deg fyrr eg vert
teken ifrå deg?» Elisa sagde: «Gjev ein dubbel lut av di
ånd må falla på meg!» **10** «Det var eit storfelt ynskje, »
svara han; «men fær du sjå meg medan eg vert teken
frå deg, skal du få det, elles ikkje.» **11** Medan dei so
heldt fram og talast ved, skimta det fram ei eldvogn
med eldhestar og skilde deim frå einannan. Og so for
Elia i stormveret upp til himmelen. **12** Elisa stod og
såg på, og han ropa: «Far! far! du Israels vogner og
riddarar!» So såg han ikkje meir til honom. Og han tok
i klædi sine og reiv deim midt i tvo. **13** So tok han upp
kappa åt Elia, som hadde falle av honom, snudde so
og gjekk ned til elvebarden ved Jordan. **14** Han tok
kappa åt Elia, som hadde falle av honom, og slo på
vatnet med dei ordi: «Kvar er no Herren, Elias Gud?»
Med same han slo på vatnet, kløyvde det seg til båe
kanter, og Elisa gjekk yver. **15** Då profetsveinarne frå
Jeriko såg dette langt undan, sagde dei: «Elias ånd
kviler yver Elisa.» Dei kom imot honom og lagde seg
å gruve for honom. **16** So sagde dei med honom:
«Millom tenarane dine finn du femti sterke karar; lat
deim ganga ut og leita etter herren din! Kann henda

hev Herrens Ande lyft honom upp og slept honom på
eitkvart fjellet eller i einkvar dalen.» Han svara: «De
skal ingen senda ut.» 17 Men dei naudbad honom
so lenge at han vart leid av det: «Send deim ut då!»
sagde han. Dei sende ut femti mann, og dei leita i tri
dagar, men fann honom ikkje. 18 Då dei kom att til
honom - han heldt seg endå i Jeriko - so sagde han til
deim: «Det var det eg sagde med dykk, at de skulde
ikkje ganga ut.» 19 Byfolki og sagde til Elisa: «Denne
byen ligg lageleg til, som du herre ser. Men vatnet er
vondt, og landet lid av fosterskot.» 20 Han svara deim:
«Gjev meg ei ny skål, og legg salt i henne!» Dei so
gjorde. 21 Gjekk han so ut til uppkoma og kasta saltet
nedi med dei ordi: «So segjer Herren: «Eg gjer dette
vatnet friskt, so det aldri meir skal valda daude og
fosterskot.»» 22 Og vatnet vart friskt, og er det den dag
i dag, soleis som Elisa hadde sagt. 23 Derifrå drog han
upp til Betel. På vegen dit upp, kom nokre smågutar
ut or byen og tok til å hæda honom og kalla honom:
«Upp med deg, du snaudskalle! Upp med deg, du
snaudskalle!» 24 Han såg seg ikring. Og då han vart
var deim, lyste han våbøn yver deim i Herrens namn.
Tvo binnor kom då ut or skogen og reiv sund tvo og
fyrti av borni. 25 Derifrå gjekk han til Karmelfjellet, og
derifrå attende til Samaria.

**3** Joram Ahabsson vart konge yver Israel i Samaria
i det attande styringsåret åt Juda-kongen Josafat.
Han var konge i tolv år. 2 Han gjorde det som vondt
var i Herrens augo, men endå ikkje soleis som far
og mor hans. Han fekk burt Ba'als-sula som far hans
hadde sett upp. 3 Men han heldt fast på synderne åt
Jerobeam Nebatsson, som han hadde fenge Israel til å
gjera, deim gav han ikkje upp. 4 Moabs-kongen Mesa
åtte so mykje fe. I skatt til Israels-kongen hadde han
svara hundrad tusund lamb og ulli av hundrad tusund
verar. 5 Men då Ahab døydde, sagde Moabs-kongen
seg laus frå Israels-kongen. 6 På timen drog kong
Joram ut or Samaria og mynstra heile Israels-heren. 7
Og so sende han bod til Juda-kongen Josafat med dei
ordi: «Moabs-kongen hev sagt seg laus frå meg; vil du
fara med meg og føra krig Moab?» «Ja, » svara han,
«eg skal fara med, eg som du, mitt folk som ditt folk,
mine hestar som dine hestar.» 8 Han spurde: «Kva
veg skal me fara?» «Yver Edomheidarne, » svara
han. 9 Gav dei seg so i veg, Israels-kongen og Juda-
kongen og Edom-kongen. Men då dei hadde fare sju
dagsferder, vanta dei vatn til heren og til dyri som
fulgde etter. 10 «Å du, å du!» sagde Israels-kongen,
«no hev Herren stemnt i hop desse tri kongarne til å
gjeva deim i henderne på moabitarne.» 11 «Finst det
ingen Herrens profet her?» sagde Josafat, «so me
kann spyrja Herren gjenom honom!» Ein av tenarane
åt Israels-kongen svara: «Jau, Elisa Safatsson er her,
han som helte vatn yver henderne åt Elia.» 12 «I hans
eige er Herrens ord, » sagde Josafat. Gjekk dei so
ned til honom, Israels-kongen og Josafat og Edom-
kongen. 13 Men Elisa svara Israels-kongen: «Kva vil
du meg? Gakk du til profetarne åt far din og profeterne
åt mor di!» «Seg ikkje so!» svara Israels-kongen; «du
skyner Herren hev stemnt i hop desse tri kongarne til å
gjeva deim i henderne på Moab.» 14 Då svara Elisa:
«So sant Herren, allhers drott, liver, han som eg tener:
hadde det ikkje vore for Juda-kongen Josafat skuld,
nei menn um eg vilde anten vyrda eller varast deg.
15 Men no kann du henta ein harpespelar åt meg.»
Då harpespelaren leika på harpa, kom Herrens Ande
yver honom, 16 Og han sagde: «So segjer Herren:
«Grav grop på grop i denne dalen! 17 For so segjer
Herren: Ikkje ser de vind, og ikkje ser de regn; men
denne dalen vert full av vatn; sjølve fær de drikka, og
heren dykkar og dyri dykkar. 18 Men dette tykkjest
Herren for lite; difor vil han gjeva Moab i dykkar hand.
19 Alle faste byar og kvar storby skal de taka; kvart
aldetre skal de fella, kvar ei uppkoma skal de kasta
att, kvar grøderik åker skal de tyna med stein.»» 20
Andre morgonen, den tid dei bar fram grjonofferet,
kom det vatn frå Edom-leitet, og landet vart fullt av
vatn. 21 Då alle moabitarne frette at kongarne drog
i krig mot deim, baud dei ut alle våpnføre folk og
vel so det, og fylkte seg attmed landskilet. 22 Tidleg
um morgonen då soli rann og skein på vatnet, tykte
moabitarne frå sin synsstad, at vatnet såg ut som blod.
23 «Det er blod!» ropa dei; «det er tydelegt at kongarne
hev tynt kvarandre i strid innbyrdes! No er herfang å
få, moabitar!» 24 Då dei kom til Israels-lægret, ruste
israelitarne på og slo moabitarne, so dei tok til rømings.
So fall dei inn i Moabiterlandet og slo deim heilt. 25
Byarne braut dei ned, på alle dei grøderike åkrarne
kasta dei kvar sin stein og steina deim ned, kvar ei
uppkoma kasta dei att, kvart eit aldetre felte dei, til
dess ikkje anna var att enn steinmurarne i Kir-Hareset;
og det kringsette slyngjekastarane og skaut på det. 26
Då Moab-kongen såg at han ikkje kunde standa seg i
striden, tok han sju hundrad mann våpnføre mann med
seg og vilde slå seg igjenom fram til Edom-kongen.
Men det mislukkast. 27 Då tok han fyrstefødde son sin
som skulde verta konge i staden hans, og ofra honom
på muren til brennoffer. Og ein stor harm råka Israel,
so dei laut brjota upp derifrå og snu heim att.

**4** Ei kvinna som var gift med ein profetsvein, ropa
til Elisa: «Mannen min, tenaren din er dåen. Du veit
sjølv att han har age for Herren. No kjem kravsmannen
og vil taka både sønerne mine til trælar.» 2 Elisa svara til
henne: «Kva kann eg gjera for deg? Seg meg, kva du

hev i huset?» Ho svara: «Ingenting hev tenestkvinna di
i huset anna ei krus med olje.» 3 Då sagde han: «Gakk
ut til alle grannarne dine og få lånt deg kaggar, tome
kaggar, di fleire di betre! 4 Gakk so inn, steng døri
etter deg og sønerne dine, slå i alle desse kaggarne,
og ber deim burt etter kvart dei vert fulle!» 5 Gjekk ho
då frå honom, og stengde døri etter seg og sønerne
sine; dei bar fram, og ho slo i. 6 Då kaggarne var
fyllte, bad ho son sin koma med endå ein. «Her er ikkje
fleire, » svara han. Då traut oljen. 7 Ho kom og melde
til gudsmannen. «No kann du selja oljen, » sagde han,
«og greida skuldi di, og resten kann du og sønerne
dine liva av.» 8 Det bar so til ein dag at Elisa kom
yver til Sunem. Der var ei velhaldi kona, som endeleg
vilde gjeva honom mat; kvar gong han sidan kom den
vegen, tok han inn der og fekk seg mat. 9 Ein gong
sagde ho med mannen sin: «Sjå, eg skynar at han er
ein heilag gudsmann, han som jamt kjem hit til oss.
10 Å, lat oss mura upp ei liti loftstova og setja inn til
honom der seng og bord og stol og ljosestake, so han
kann taka inn der når han kjem til oss.» 11 Ein dag
kom han dit og tok inn i loftstova og lagde seg der. 12
Han sagde til Gehazi, drengen sin: «Ropa på Sunems-
kona!» Han so gjorde, og ho kom upp. 13 Han hadde
sagt til honom: «Seg med henne: «Du hev no havt
all denne umsuti for oss; kva kann då me gjera for
deg? Hev du nokor sak eg kann tala for kongen eller
herføraren?»» «Nei, » svara ho, «eg bur midt millom
folket mitt eige.» 14 «Kva kann me gjera for henne?»
spurde Elisa. «Å jau, » svara Gehazi, «ho hev ingen
son, og mannen hennar er gamall.» 15 «Ropa på
henne!» sagde han. Han so gjorde, og ho kom i døri.
16 Då sagde Elisa: «Næste år dette bil skal du hava
ein son på fanget.» Ho svara: «Å nei, gode herre og
gudsmann! du må ikkje ljuga for tenestkvinna di.» 17
Men kona vart med barn, og åtte ein son på nyåret
nett det bilet som Elisa hadde sagt med henne. 18 Då
guten vart større, hadde han ein dag gjenge ut til far
sin millom skurdfolket. 19 Der tok han til å klaga seg
for far sin: «Hovudet mitt! Hovudet mitt!» «Ber honom
til mori!» sagde faren til drengen sin. 20 Han tok og
bar honom heim til mori. Han sat på fanget hennar til
middagsleite; då slokna han. 21 Ho gjekk upp og lagde
honom på sengi åt gudsmannen, stengde att og gjekk.
22 So ropa ho på mannen sin: «Send ein av drengjerne
med ei av asnorne, » sagde ho, «so vil eg snøggast
fara åt gudsmannen og straks koma heim att.» 23
«Kvifor vil du fara åt honom i dag?» spurde han; «det
er korkje nymåne eller kviledag.» «Det er det same, »
svara ho. 24 So sala ho asna og baud drengen sin:
«Driv på i eino! Heft meg ikkje burt på vegen! eg skal
segja til når eg vil stana.» 25 So gav ho seg i veg og
kom til gudsmannen på Karmelfjellet. Då gudsmannen
gådde henne eit stykke burte, sagde han med Gehazi,
drengen sin: «Sjå der kjem Sunems-kona! 26 Spring til
møtes med henne og spør henne: «Stend det vel til
med deg? Stend det vel til med mannen din? Stend
det vel til med vesleguten?»» Ho svara: «Ja, det gjer
det.» 27 Men då ho kom upp på fjellet til gudsmannen,
tok ho um føterne hans. Gehazi for fram og vilde skuva
henne burt. Men gudsmannen sagde: «Lat henne vera!
Ho hev ei stor sorg. Herren hev løynt for meg kva det
er, og ikkje kunngjort meg det.» 28 Då sagde ho: «Var
det eg som bad deg, herre, um ein son? Bad eg deg
ikkje di meir, at du ikkje skulde ljuga for meg?» 29
Han baud då Gehazi: «Gjer deg reidug, tak staven
min i handi, og gakk av stad. Um einkvan møter deg,
so helsa ikkje på honom! um einkvan helsar på deg,
so svara honom ikkje! Og legg so staven på andlitet
til vesleguten!» 30 Men mori heldt fram: «So sant
Herren liver, og so sant du liver, eg slepper deg ikkje!»
So stod han upp og fylgde henne. 31 Gehazi hadde
fare i fyrevegen og hadde lagt staven på andlitet til
vesleguten; men ingen ljod, inkje teikn til liv! Gjekk han
då attende til møtes med Elisa, og fortalde at guten
vakna ikkje. 32 Då Elisa kom inn i huset, fekk han sjå
guten låg lik på sengi hans. 33 Han gjekk inn, stengde
døri og bad til Herren. 34 So steig han upp og lagde
seg yver guten, med sin munn mot hans munn, med
sine augo mot hans augo, og med sine hender mot
hans hender. Med han soleis bøygde seg yver honom,
vart gutekroppen varm. 35 So gjekk han endå ein gong
att og fram yver golvet, og då han so steig upp og
bøygde seg yver honom, so naus guten sju gonger,
og slo upp augo. 36 Han ropa på Gehazi: «Ropa på
Sunems-kona!» sagde han. Han so gjorde. Ho kom
upp. «Der skal du få guten din, » sagde han. 37 Ho
gjekk inn, fall ned for føterne hans og lagde seg å
gruve på golvet, tok so guten sin og gjekk. 38 Elisa
kom att til Gilgal medan det var svolt i landet. Med
han sit der millom profetsveinarne, segjer han med
drengen sin: «Set den store gryta, og koka velling åt
profetsveinarne!» 39 Ein av deim gjekk då ut på marki
og sanka urter. Han fann ein vild-vindel og sanka av
honom ville agurkar, kappa full. Då han kom inn, skar
han deim upp i småskivor uppi gryta, han visste ikkje
betre. 40 So auste dei upp åt kararne, so dei fekk eta.
Men då dei tok til og åt av vellingen, skreik dei upp
og ropa: «Dauden er i gryta, du gudsmann!» Og dei
kunde ikkje eta. 41 «Kom med mjøl!» sagde han, og
då han hadde havt det upp i gryta, baud han deim:
«Aus upp åt folket, so dei fær eta!» Og då var det ikkje
vondt i gryta. 42 Det kom ein mann frå Ba'al-Salisa
med fyrstegrøda åt gudsmannen; tjuge byggbrød og

nyhausta korn hadde han i posen sin. «Gjev folki å
eta!» sagde han. 43 «Kor kann eg setja fram dette åt
hundrad mann?» spurde tenaren. «Gjev folki å eta!»
svara han; «Herren segjer: «Dei skal eta og endå
leiva.»» 44 Og han sette det fram for deim, og dei åt,
og dei leivde endå noko, so som Herren hadde sagt.

5 Na'aman heitte ein herførar hjå syrarkongen.
Han hadde mykje å segja hjå herren sin og var
høgvyrd av alle; for med han førde syrarane, hadde
Herren hadde gjeve deim siger. Mannen var ei stor
stridskjempa, men spillsjuk. 2 Ein gong på herjeferd i
Israelslandet hadde syrarane millom krigsfangarne teke
ei liti gjenta; og ho kom i teneste hjå kona åt Na'aman.
3 Ho sagde med matmor si: «Å gjev husbonden min
var hjå profeten i Samaria! So skulde han nok skilja
honom med spillsykja.» 4 Han gjekk til kongen og
fortalde: «So og so hev gjenta frå Israelslandet sagt.»
5 Syrarkongen svara: «Far du! So skal eg senda
brev med deg til Israels-kongen.» So for han og tok
med seg ti talent sylv og seks tusund lodd gull og
ti festklædningar. 6 Han bar brevet fram til Israels-
kongen. Der stod det: «- - Og no når du fær dette
brevet, skal du vita at eg sender Na'aman, tenaren
min, til deg, og du skal skilja honom av med spillsykja
hans.» 7 Då Israels-kongen las brevet, reiv han sund
klædi sine og ropa: «Tru eg er Gud, so eg hev magt
yver daude og liv, sidan han skriv til meg at eg skal
skilja ein mann med spillsykja hans? De kann då skyna
og sjå at han vil berre egla seg innpå meg!» 8 Då
gudsmannen Elisa spurde at Israels-kongen hadde
rive sund klædi sine, sende han bod til kongen med
dei ordi: «Kvifor reiv du sund klædi dine? Lat honom
koma til meg, so skal han få vita at det finst ein profet
i Israel.» 9 Na'aman kom med hestar og vogni, og
stana utanfor husdøri åt Elisa. 10 Elisa sende bod ut til
honom med dei ordi: «Far av og lauga deg sju gonger
i Jordan, so skal kroppen din verta like god att, so du
vert rein.» 11 Na'aman vart harm, og for sin veg. «Eg
tenkte han vilde koma ut til meg sjølv, » sagde han,
«og stiga fram og ropa til Herren, sin Gud, og strjuka
med handi yver den sjuke staden og soleis skilja meg
av med spillsykja. 12 Tru ikkje Damaskus-elvarne
Abana og Parpar er likare enn alt vatnet i Israel? Tru
eg ikkje likso godt kunde verta rein med å lauga meg i
deim?» Og han snudde, og for heim i sinne. 13 Men
tenarane hans gjekk fram og tala med honom: «Du
far! Hadde profeten lagt på deg ein vanskeleg ting,
vilde du då ikkje gjort det? Kor mykje meir når han
berre segjer til deg: «Lauga deg, so vert du rein.»»
14 Då for han ned og dukka seg i Jordan sju gonger,
so som gudsmannen hadde sagt. Kroppen hans vart
like god att, frisk som ein liten barnekropp; han vart
rein. 15 Då snudde han attende til gudsmannen, han
og heile fylgjet han. Han kom inn til honom og sagde:
«Sjå no hev eg røynt at det er ingen Gud på heile jordi
utan i Israel. Tak no imot ei gåva av meg, tenaren
din.» 16 Han svara: «So sant Herren liver, han som
eg tener: eg tek ikkje imot.» Han naudbad honom å
taka imot; men han vilde ikkje. 17 Då sagde Na'aman:
«Sidan du ikkje vil, so gjev meg so mykje mold som
eit par muldyr kann bera; for no vil eg ikkje meir ofra
brennoffer eller slagtoffer til andre gudar, men berre til
Herren. 18 Men ein ting må Herren tilgjeva meg: Når
herren min gjeng inn i Rimmons-templet og bøygjer
seg ned og bed der, og eg lyt fylgja honom, og eg
og bøygjer meg ned i Rimmons-templet samstundes
som han gjer det - må då Herren tilgjeva tenaren din
dette!» 19 Han svara: «Far i fred!» Og han for frå
honom eit stykke veg. 20 Då tenkte Gehazi, drengen
åt gudsmannen Elisa: «No hev husbond spart denne
syraren Na'aman og ikkje teke imot det han hadde
med seg. So sant Herren liver, eg spring etter honom
og fær honom til gjeva meg eitkvart.» 21 Gehazi sette
etter Na'aman. Då Na'aman ser ein koma springande
etter, hoppar han ut or vogni, og gjeng imot honom og
ropar: «Er noko på ferd?» 22 «Nei, » svarar han, «men
husbond sender meg med dette bodet: Nett no kom
det til meg tvo unge profetsveinar frå Efraimsheidi. Å,
gjev deim eit talent sylv og tvo festklædningar!»
23 Na'aman svara: «Gjer vel og tak imot tvo talent.» Han
nøydde han, og knytte tvo talent sylv inn i tvo pungar,
og tok tvo festklædningar og gav tvo av tenarane sine,
og dei bar deim fyre honom. 24 Men då dei kom til
haugen, tok han det frå deim. Han gøymde det i huset
og let kararne ganga sin veg. 25 Då han kom inn til
husbonden sin, spurde Elisa honom: «Kvar kjem du
ifrå, Gehazi?» Han svara: «Ingen stad hev tenaren din
vore.» 26 Då sagde han: «Tru eg ikkje fylgde deg i
åndi då ein mann snudde seg frå vogni og møtte deg?
Er det no tid å taka imot sylv og få seg klæde og oljetre
og vinhagar og sauer og bufe og tenarar og ternor? 27
Spillsykja hans Na'aman skal koma yver deg og ætti di
for alle tider.» Og han gjekk ut frå honom, spillsjuk og
kvit som snø.

6 Profetsveinarne sagde med Elisa: «Romet der me
sit for di åsyn, er for lite oss. 2 Lat oss då få lov å
ganga til Jordan og henta kvar sin timberstokk, so vil
me byggja oss rom der me kann sitja.» «Ja, gakk de!»
svara han. 3 Ein av deim bad honom: «Å, gjer vel og
fylg med tenarane dine!» «Eg skal so, » sagde han. 4
Han fylgde deim. Då dei kom til Jordan, tok dei til å
hogga ned trei. 5 Med ein holdt på å fella ein stokk,
datt øksi i vatnet. Han skreik upp: «Å, herre! Det var
lånegods!» 6 «Kvar datt ho?» spurde gudsmannen.

Dei synte honom staden. Han skar av ei grein og
kasta henne dit. Då fekk han øksi til å fljota upp. 7
«Tak henne!» sagde han. Og han rette ut handi og tok
henne. 8 Syrarkongen låg den tid i ufred med Israel.
Når han samråddest med mennerne sine og lagde
yver: «Der og der vil eg lægra meg, » 9 so sende
gudsmannen det bodet til Israels-kongen: «Tak deg i
vare for å fara den vegen! for der for syrarane ned.»
10 Når so Israels-kongen sende folk til den staden som
gudsmannen hadde peika ut og vara honom for, so
tok han seg i vare nett der. Dette hende ikkje berre
ein og tvo gonger. 11 Av dette kom syrarkongen radt i
egse. Han kalla i hop mennerne sine og spurde deim:
«Kann de ikkje segja meg kven det er av våre folk som
held med Israels-kongen?» 12 Ein av mennerne svara:
«Nei, herre konge! Det er profeten Elisa i Israel som
segjer Israels-kongen dei ting du talar i sengkammerset
ditt.» 13 Då sagde han: «Få greida på kvar han heldt
seg, so skal eg senda folk og gripa honom.» Dei
melde honom: «Han held seg i Dotan.» 14 Dit sende
han so hestar og vogner og ein stor herstyrke. Dei
kom ved natteti og kringsette byen. 15 Då tenaren åt
gudsmannen reis upp og gjekk ut tidleg næste morgon,
fekk han sjå ein herstyrke med hestar og vogner lægra
kring byen. Drengen sagde då til honom: «Ai, ei, herre!
Kva skal me gjera?» 16 «Ver ikkje rædd!» svara han;
«det er fleire med oss enn med deim.» 17 Og Elisa
bad og sagde: «Herre, lat upp augo hans, so han kann
sjå!» Herren let upp augo på guten, og han fekk sjå
fjellet fullt av eldhestar og eldvogner rundt ikring Elisa.
18 Då dei so gjekk ned, bad Elisa til Herren: «Å, slå
dette folket med blindskap!» Og Herren slo deim med
blindskap, so som Elisa hadde sagt. 19 Elisa sagde då
til deim: «Dette er ikkje rette vegen, detter er ikkje rette
byen! fylg meg, so skal eg føra dykk til den mannen de
leitar etter.» So førde han deim til Samaria. 20 Då dei
so var komne inn i Samaria, bad Elisa: «Herre, lat upp
augo på desse, og lat deim sjå!» Herren let upp augo
deira, og dei gådde at dei var midt inni Samaria. 21 Då
Israels-kongen såg deim, sagde han til Elisa: «Skal eg
hogga ned, hogga ned, far?» 22 «Nei, » svara han,
«det skal du ikkje; plar du hogga ned deim du fangar
med sverd eller boge? Set fram åt deim mat og drikka,
lat deim eta og drikka, og lat deim so fara attende til
herren sin!» 23 Han kosta på deim eit stort gjestebod;
og då dei hadde ete og drukke, let han deim ganga. Og
dei for attende til herren sin. Sidan kom det ikkje fleire
syriske herjeflokkar inn i Israelslandet. 24 No hende
de seg sidan at Benhadad, syrarkongen, stemnde
saman heile heren sin og drog upp og kringsette
Samaria. 25 Medan dei kringsette byen, vart det so stor
hunger i Samaria, at eit asenhovud kosta til sist åtteti
sylvdalar, og fjordeparten av ei kanna med duvemøk
fem sylvdalar. 26 Ein dag Israels-kongen gjekk ikring
på muren, var det ei kvinna som ropa på honom:
«Hjelp, herre konge!» 27 Han svara: «Hjelper ikkje
Herren deg, kvar skal då eg henta hjelpi di frå? Frå
treskjarvollen? eller frå vinpersa? 28 Kva er i vegen
med deg?» spurde kongen. Ho svara: «Denne kona
her sagde med meg: «Kom med son din, so skal me
eta honom i dag, so kann me eta son min i morgon!»
29 So koka me son min og åt honom upp. Men då eg
andre dagen sagde til henne: «Kom med son din, so
me kann eta honom!» då løynde ho son sin.» 30 Då
kongen høyrde det kona sagde, reiv han sund klædi
sine, medan han gjekk der på muren; og folk fekk sjå
han gjekk med sekkjety innunder næmast kroppen. 31
Og han svor: «Gud late meg bøta no og sidan, um
hovudet skal sitja på Elisa Safatsson dagen til endes!
32 Sende han so ein fyre seg til Elisa, der han sat i
heimen saman med dei øvste. Men fyrr bodet kom til
honom, sagde han med dei øvste: Skynar de at denne
mordarsonen hev sendt ein mann hit til å taka hovudet
mitt? Sjå no til og lat att døri, og haldt henne stengd
når bodet kjem! Høyrer det ikkje stigi til herren hans
bak honom?» 33 Medan han tala soleis med deim, såg
dei bodet koma ned til honom med dei ordi: «Sjå for
ei ulukka Herren hev sendt! kvifor skal eg då bia på
Herren meir?»

**7** Elisa svara: «Høyr Herrens ord! So segjer Herren:
«I morgon dette bil skal dei på torget i Samaria få
tvo settungar fint mjøl for ein dalar og fire settungar
bygg for ein dalar.»» 2 Då tok hermannen som kongen
studde seg på til ords og svara gudsmannen: «Um so
Herren laga lukor på himmelen, so vilde sovore vera
ugjerande!» Han svara: «Du skal få sjå det med eigne
augo, men du fær eta av det.» 3 Utanfor byporten heldt
seg fire spillsjuke menner. Dei sagde med kvarandre:
«Kvifor skal me sitja her til me døyr? 4 Tek me den
rådi å ganga inn i byen, so er det svolt i byen, og so
døyr me der. Og vert me sitjande her, so døyr me
og. Kom, lat oss heller ganga ut og gjeva oss yver til
syrarlægret; let dei oss liva, so liver me; drep dei oss,
so døyr me.» 5 Dei gav seg på veg i skumingi ut til i
syrarlægret. Då dei kom til utkanten av lægret, fekk dei
sjå det var ingen der. 6 Herren hadde late syrarlægret
høyra ljod av vogner og hestar og ein stor her. Dei
hadde sagt med kvarandre: «Å, Israels-kongen hev
leigt hetitarkongarne og egyptarkongarne til å taka på
oss!» 7 Og dei hadde teke flugti i skumingi og rømt
frå tjeldi sine og hestarne og asni sine og frå lægret
slik som det stod; dei hadde rømt på harde livet. 8
Då desse spillsjuke kom til utkanten av lægret, gjekk
dei inn i eit tjeld og åt og drakk, og tok der sylv og

gull og klæde, som dei gjekk av og gøymde. Sidan
kom dei att og gjekk inn i eitt anna tjeld og tok det
som der var og gjekk av gøymde det. 9 Men so sagde
dei med kvarandre: «Det er ikkje rett soleis som me
fer åt. I dag kann me bera fram fagnadbod; me dreg
skuld på oss um me tegjer og drygjer til morgons til det
dagast. Kom, lat oss fortelja det i kongsgarden!» 10
Dei gjekk då og ropa til portvakti og fortalde: «Me kom
ut i syrarlægret; det fanst inkje menneskje å sjå der;
og ingi mannsrøyst var å høyra der; men hestarne og
asni stod tjora, og tjeldi stod som dei plar standa.» 11
Portvakti ropa tidendi ut, og ho vart fortald heilt inn i
kongsgarden. 12 Kongen reis då upp nattetid og sagde
med mennerne sine: «Eg skal segja dykk kva syrarane
hev i emning mot oss: Dei veit me svelt; so hev dei
fare frå lægret og løynt seg uti marki; dei tenkjer me vil
ganga ut or byen, so dei fangar oss livande og gjeng
inn i byen.» 13 Då svara ein av mennerne hans: «Lat
oss taka fem av dei hestarne me hev att her inne -
det kann ikkje ganga deim verre enn heile hopen av
israelitar som er att her, eller verre enn heile hopen av
israelitar som alt hev sett livet til - lat oss so senda bod
av stad og sjå etter!» 14 So tok dei tvo vogner med
hestar fyre. Kongen sende deim ut etter syrarheren.
«Far av stad og sjå!» sagde han. 15 Dei for etter
deim alt til Jordan, og fekk sjå heile vegen strådd med
klæde og våpn som syrarane hadde kasta frå seg i
hurten og sturten. Sendebodi kom att og melde det til
kongen. 16 Folket gjekk då ut og plundra syrarlægret.
Og soleis kom tvo settungar fint mjøl til å kosta ein
dalar, og fire settungar bygg ein dalar, som Herren
hadde sagt. 17 Kongen sette den hermannen som
han studde seg på, til å halda orden på torget. Men
folket tråkka honom ned der på torget, og han døydde,
soleis som gudsmannen hadde sagt, som han sagde
då kongen kom ned til honom. 18 Og det gjekk so som
gudsmannen hadde sagt med kongen: «Fire settungar
bygg skal dei få for ein dalar, og tvo settungar fint mjøl
for ein dalar, på torget i Samaria i morgon dette bilet.»
19 Det var då hermannen svara gudsmannen: «Um
so Herren laga lukor på himmelen, vilde sovore vera
ugjerande.» Og han svara: «Du skal få sjå det med
eigne augo, men du fær ikkje eta av det!» 20 Det gjekk
honom so; folket trakka honom ned på torget, og det
vart banen hans.

**8** Elisa sagde med mor åt den guten han hadde
gjort livande: «Ferda deg til, og far burt, du og
huslyden din, og set bu kvar helst det buande er!
for Herren hev sendt bod etter hungersnaudi, ho er
alt komi og skal vara sju år.» 2 Kona ferda seg til,
og gjorde som gudsmannen sagde. Ho og huslyden
hennar for ut, og sette bu i Filistarlandet i sju år. 3 Då
dei sju åri var lidne, kom ho attende frå Filistarlandet.
Og gav seg i veg til kongen til å beda um å få att
heimen og jordeigedomen sin. 4 Kongen heldt just
på å tala med Gehazi, drengen åt gudsmannen, og
bad honom fortelja um alle dei storverki Elisa hadde
gjort. 5 Medan han heldt på og fortalde kongen korleis
han gjorde den daude guten livande, nett i det same
kom mor åt den guten og bad kongen um heimen og
jordeigedomen sin. «Herre konge!» sagde Gehazi,
«der er kona; og der er son hennar, som Elisa gjorde
livande.» 6 Kongen spurde kona ut, og ho fortalde.
So let kongen henne få ein av hirdmennerne med
seg og baud honom: «Hjelp henne til å få att alt som
høyrer henne til, og all avlingi av eigedomen frå den
dagen ho for frå landet og til no!» 7 Elisa kom til
Damaskus, medan syrarkongen Benhadad låg sjuk.
Då kongen spurde at gudsmannen var komen dit, 8
sagde han med Hazael: «Tak med deg gåvor, gakk
til møtes med gudsmannen og spør Herren gjenom
honom um eg skal koma meg av denne sjukdomen.»
9 Hazael so gjorde, tok med seg gåvor, alt det likaste
som i Damaskus var, so mykje som fyrti kamelar kunde
bera. Han gjekk fram for Elisa og sagde: «Son din,
syrarkongen Benhadad, sender meg til deg og spør
um han skal koma seg av denne sjukdomen.» 10 Elisa
svara honom: «Du kann segja med honom at han skal
koma seg. Men Herren syner meg at han skal døy.»
11 Medan han stod framfyre honom og nistirde, sette
gudsmannen i og gret. 12 «Kvifor græt du, herre?»
spurde Hazael. «For di eg veit kor mykje ilt du vil gjera
mot Israels-borni, » svara han; «dei faste byarne set
du eld på, unggutarne deira myrder du med sverd,
småborni krasar du, og barnkonorne skjer du upp.» 13
Hazael sagde: «Korleis kann vel tenaren din, slik ein
hund som eg er, gjera sovorne storverk?» Elisa svara:
«Herren hev synt meg at du vert konge yver Syria.» 14
Han gjekk då frå Elisa heim att til herren sin. «Kva
sagde Elisa med deg?» spurde han. «Han sagde med
meg at du skal verta god att.» 15 Men so dagen etter
tok han eit åklæde, duppa det i vatn og breidde det
yver andlitet hans; det vart banen hans. Og Hazael vart
konge etter honom. 16 I femte styringsåret åt Israels-
kongen Joram Ahabssons, medan Josafat var konge i
Juda, vart Joram Josafatsson konge i Jerusalem. 17
Tvo og tretti år gamall var han då han vart konge, og
åtte år var han konge i Jerusalem. 18 Han for fram
liksom Israels-kongarne og Ahabs hus; for han var gift
med ei dotter til Ahab. Han gjorde det som vondt var i
Herrens augo. 19 Men Herren vilde ikkje tyna Juda for
sin tenar David skuld, etter di han hadde lova honom
at det alle dagar skulde lysa ei lampa for honom og
sønerne hans. 20 I hans tid reiv edomitarne seg laus

frå Juda og kåra seg ein konge. 21 Då drog Joram
av til Sa'ir med alle stridsvognerne sine. Og han tok
um natti og slo edomitarne som kringsette honom, og
hovudsmennerne yver vognerne, og herfolket flydde
heim. 22 So kom edomitarne seg laus frå Juda, og er
frie den dag i dag. Nett samstundes reiv Libna seg og
laus. 23 Det som elles er å fortelja um Joram og alt
det han gjorde, det er uppskrive i krønikeboki åt Juda-
kongarne. 24 Joram lagde seg til kvile hjå federne
sine og vart gravlagd hjå federne sine, i Davidsbyen.
Ahazja, son hans, vart konge i staden hans. 25 I det
tolvte året åt Israels-kongen Joram Ahabsson vart
Ahazja Joramsson konge i Juda. 26 Tvo og tjuge år
gamall var Ahazja då han vart konge; eitt år var han
konge i Jerusalem. Mor hans heitte Atalja, dotter åt
Israels-kongen Omri. 27 Han gjekk i fotefari åt Ahabs
hus, og gjorde det som vondt var i Herrens augo, etter
gjerdi åt Ahabs hus; for han stod i skyldskap til Ahabs
hus. 28 Saman med Joram Ahabsson for han i herferd
mot syrarkongen Hazael ved Ramot i Gilead. Men
Joram vart såra av syrarane. 29 Kong Joram vende då
attende til Jizre'el, og vilde få lækt dei såri han hadde
fenge av syrarane, i slaget ved Rama mot syrarkongen
Hazael. Og Juda-kongen Ahazja Joramsson drog ned
og vilde sjå um Joram Ahabsson i Jizre'el, etter di han
låg sjuk.

**9** Profeten Elisa kalla til seg ein av profetsveinarne:
«Bitt ikring deg beltet, tak denne oljeflaska med
deg og gakk til Ramot i Gilead! 2 Når du kjem dit,
skal du leita upp Jehu, son åt Josafat Nimsison. Gakk
burtåt honom, bed honom risa upp midt millom brørne
sine, og før honom inn i det inste kammerset! 3 So
skal du taka oljeflaska og renna oljen yver hovudet
hans med dei ordi: «So segjer Herren: «Eg hev salva
deg til konge yver Israel!»» Dermed skal du opna døri
og fly på fljugande flekken.» 4 Guten, profetsveinen,
gjekk til Ramot i Gilead. 5 Då han kom tid, fann han
herførarane samla. «Eg kjem med eit bod til deg,
herførar, » sagde han. «Til kven av oss?» spurde Jehu.
«Til deg sjølv, herførar, » sagde han. 6 Han reis upp
og gjekk inn i huset. Der slo han olje yver hovudet
hans med dei ordi: «So segjer Herren, Israels Gud:
«Eg hev salva deg til konge yver Herrens folk, yver
Israel. 7 Slå i hel ætti åt Ahab, herren din! Eg vil hemna
blodet åt profetarne, tenarane mine, ja, blodet åt alle
Herrens tenarar hemnar eg på Jezabel. 8 Øydast skal
heile Ahabs hus. Rydja ut vil eg kvart karmannsemne
av Ahabs-ætti, ufri og fri, innan Israel. 9 Eg fer med
Ahabs hus som med huset åt Jerobeam Nebatsson
og med huset åt Baesa Ahiason. 10 Hundarne skal
eta upp Jezabel på Jizre'els-vangen; ingen skal jorda
henne.»» Dermed opna han døri og flydde. 11 Då
Jehu kom ut att til hermennerne, spurde dei honom:
«Er noko på ferd? Kva var det denne skrullingen vilde
deg?» Han svara deim: «De kjenner då sjølve den
mannen og skravlet hans!» 12 «Din ljugar!» sagde dei,
«seg oss det no!» Då sagde han: «So og so tala han
til meg med dei ordi: «So segjer Herren: Eg hev salva
deg til konge yver Israel.»» 13 Straks tok dei kvar si
kappa og breidde under honom på sjølve troppestigi.
So bles dei i luren og ropa: «Jehu er konge!» 14
Soleis fekk Jehu, son åt Josafat Nimsison, i stand
ei samansverjing mot Joram. Joram og heile Israel
skulde verja Ramot i Gilead mot syrarkongen Hazael;
15 men sjølv hadde kong Joram fare attende til Jizre'el
og vilde få lekt dei såri han hadde fenge av syrarane
i slaget mot syrarkongen Hazael. Jehu sagde: «Um
det tykkjer som eg, må ikkje ein einaste sleppa ut or
byen og bera tiendi til Jizre'el!» 16 Dermed steig Jehu
upp i vogni si og køyrde til Jizre'el; der låg Joram
sjuk, og Juda-kongen Ahazja var komen dit ned og
vilde sjå um Joram. 17 Då vaktmannen uppi tårnet
i Jizre'el såg Jehu-skreidi koma, ropa han: «Eg ser
ei skreid!» Då baud Joram: «Få tak i ein ridar, og
send honom til møtes med deim, til å spyrja deim
um dei kjem for det gode.» 18 Ridaren reid til møtes
med honom og ropa: «Kongen spør: «Kjem du for det
gode?»» «Kva skil det deg?» svara Jehu; «snu um
og fylg etter meg!» Vaktmannen melde: «Sendebodet
hev nått deim, og kjem ikkje attende.» 19 Han sende
so ein annan ridande. Då han nådde deim, ropa han:
«Kongen spør: «Kjem du for det gode?»» «Kva skil det
deg?» svara Jehu; «snu um og fylg etter meg!» 20
Vaktmannen melde: «Han nådde deim og kjem ikkje
attende. Køyrsla svipar på Jehu Nimsison; for han
køyrer som ein galning.» 21 «Beit fyre!» sagde Joram.
Dei beit fyre vogni hans. So drog Joram, Israels-
kongen, ut, og Ahazja, Juda-kongen, sameleis, kvar
på si vogn; dei køyrde ut til møtes med Jehu, og råka
honom på odelsjordi hans Nabot frå Jizre'el. 22 Då
no Joram fekk sjå Jehu, ropa han: «Kjem du for det
gode, Jehu?» Han svara: «Kor kann eg koma for det
gode, so lenge Jezabel, mor di, fær driva horskapen og
trollskapen sin?» 23 Då snudde Joram um og rømde,
med han ropa til Ahazja: «Svikferd, Ahazja!» 24 Men
Jehu treiv bogen sin og skaut Joram millom herdarne,
so pili gjekk ut gjenom hjarta hans, og han seig ned i
vogni. 25 So sagde han til Bidkar, hermannen sin: «Tak
og kasta honom på odelsmarki åt Nabot frå Jizre'el!
Kom i hug den gongen eg og du reid jamsides etter
Ahab, far hans, kor Herren bar upp dette domsordet
yver honom: 26 «So visst som eg såg Nabots blod og
blodet av sønerne hans i går, segjer Herren: sanneleg,

nett på denne odelsmarki skal eg gjeva deg likt for
like!» Tak då og kasta honom på odelsmarki, etter
Herrens ord!» 27 Då Ahazja, kongen i Juda, såg
det, rømde han på vegen til Hagehuset. Jehu sette
etter honom og ropa: «Han og! skjot honom i vogni!»
Dei råka honom, med han køyrde på fjellvegen til
Gur, nær attmed Jibleam. Han rakk so langt som til
Megiddo; der døydde han. 28 Tenarane hans køyrde
honom til Jerusalem, og jorda honom i fedregravi hans
i Davidsbyen. 29 I det ellevte styringsåret åt Joram
Ahabsson var det Ahazja vart konge yver Juda. 30 Då
Jehu kom til Jizre'el, og Jezabel spurde det, sminka ho
augo og sette hovud-prydnad på seg og gav seg til å
sjå ut gjenom vindauga. 31 Då Jehu køyrde inn gjenom
porten, helsa ho: «Gjeng det vel for Zimri, som myrde
herren sin?» 32 Han såg upp mot vindauga og ropa:
«Kven er med meg? kven?» Då tvo, tri hirdmenner
skyngde ned til honom, 33 sagde han: «Kasta henne
ned!» Dei kasta henne ned, og blodet hennar spruta
utyver veggen og på hestarne; og dei trakka henne
ned. 34 So gjekk han inn og åt og drakk. Sidan baud
han: «Sjå etter denne forbanna kvinna, og grav henne
ned! Ho er då kongsdotter.» 35 Då dei skulde til å
gravleggja henne, fann dei inkje att av henne anna
hausen og føterne og henderne. 36 Då dei kom att
og melde honom det, sagde han: «So var Herrens
ord, som han tala ved tenaren sin, Elia frå Tisbe: «På
Jizre'els-vangen skal hundarne eta Jezabels kjøt; 37
liket åt Jezabel vert til møk på marki på Jizre'els-
vangen, so ingen kann segja: Dette er Jezabel!»»

**10** Ahab hadde sytti søner i Samaria. Jehu skreiv
brev og sende til Samaria, til dei øvste i Jizre'el,
til styresmennerne og til dei fosterfeder Ahab hadde
sett inn, og der sagde han: 2 «- - Og når de no fær
dette brevet, de som hev hjå dykk sønerne åt herren
dykkar, de som råder yver vognerne og hestarne, og
hev festning og våpn, 3 so kåra ut den hævaste og
likaste av sønerne åt herren dykkar, og set honom
upp på kongsstolen åt far hans, og strid so for ætti åt
herren dykkar!» 4 Men dei vart reint livrædde. «Når
ikkje dei tvo kongarne stod seg mot honom, » sagde
dei, «kor kann då me?» 5 Drottseten og byhovdingen
og dei øvste og fosterfederne sende det svaret til
Jehu: «Dine tenarar er me; alt det du byd oss, gjer me;
ingen vil me kåra til konge. Gjer du som du tykkjer
sjølv!» 6 Då skreiv han eit nytt brev til deim: «Er
so det held med meg og lyder mine bod, so hogg
hovudi av kongssønerne, og kom til meg i morgon
dette bil, til Jizrael!» Dei sytti kongssønerne budde hjå
stormennerne i byen, dei som fostra deim. 7 Då dei
fekk brevet, tok dei kongssønerne og drap deim, alle
sytti, lagde so hovudi i korger og sende deim til honom
i Jizre'el. 8 Då han fekk bod at dei var komne med
hovudi av kongssønerne, sagde han: «Legg dei i tvo
dungar attmed byporten til i morgon!» 9 Morgonen
etter for han dit ut, steig fram og tala for folket: «De er
skuldlause. Det var eg som fekk i stand samansverjingi
mot herren min; det var eg som drap honom; men
kven hev slege i hel alle desse? 10 Skyna då at ikkje
eitt av Herrens ord hev vorte til inkjes, av det Herren
tala mot Ahabs hus. Herren hev gjort so som han tala
ved Elia, tenaren sin.» 11 Jehu slo i hel alle som var
att av Ahabs hus i Jizre'el, like eins alle stormennerne
hans og venerne hans og prestarne hans, so ingen
vart att eller slapp undan. 12 So tok han ut og for av
stad til Samaria. På vegen dit attmed Gjætar-Bet-Eked
13 råka han på brørne til Ahazja, kongen i Juda. «Kven
er de?» spurde han. Dei svara: «Brørne til Ahazja er
me; me er på veg og vil helsa på kongssønerne og
sønerne åt kongsmori.» 14 «Fanga deim livande!»
ropa han. Dei so gjorde. Og han drap deim og kasta
deim i brunnen i Bet-Eked, tvo og fyrti i talet; ikkje ein
av deim vart spard. 15 På vegen derifrå møtte han på
Jonadab Rekabsson. Han helsa og spurde: «Er du
likso ærleg i hugen mot meg, som eg er mot deg?»
«Ja, » svara Jonadab. «Er du det so gjev meg handi!»
Han so gjorde, og dermed drog han honom upp til seg
i vogni. 16 «Køyr med meg, » sagde han, «so skal du
sjå kor brennhuga eg er for Herren!» So fekk han køyra
med honom i vogni. 17 Då han kom til Samaria, slo
han i hel alle som var att av Ahabs hus der i byen; han
tynte deim alle, soleis som Herren hadde sagt til Elia.
18 So stemnde Jehu saman alt folket og tala til deim:
«Ahab dyrka Ba'al lite, Jehu vil dyrka honom mykje.
19 Stemn no i hop til meg alle Ba'als-profetarne, alle
dyrkarne hans, og alle prestarne hans, ikkje ein må
vanta! for eg etlar halda ein stor offerveitsla for Ba'al;
og kvar som vantar, skal bøta med livet.» Jehu gjorde
det på svik, av di han vilde rydja ut Ba'als-dyrkararne.
20 Jehu baud: «Lys ut ei stor samlingshøgtid for Ba'al!»
Dei lyste henne ut. 21 Jehu sende bod kring i heile
Israel, og alle Ba'als-dyrkararne kom; det var ikkje ein
som ikkje møtte. Dei gjekk inn i Ba'als-templet, og
Ba'als-templet vart fullt frå ende til annan. 22 So baud
han tilsynsmannen yver klædebui: «Tak fram bunader
åt alle Ba'als-dyrkararne!» Og han tok fram bunader åt
deim. 23 So gjekk Jehu og Jonadab Rekabsson inn i
Ba'als-templet. Han bad Ba'als-dyrkararne agta på og
sjå etter at det ikkje fanst nokon av Herrens tenarar
millom deim, anna einast Ba'als-dyrkarar. 24 So gjekk
dei inn og ofra slagtoffer og brennoffer. Jehu hadde
sett åtteti mann utanfor og sagt: «Slepp det undan
ein einaste av deim eg gjev i dykkar hende, skal de
bøta liv for liv!» 25 Då han so var ferdig med å ofra

brennofferet, baud Jehu livvakti og kjemporne: «Inn og
slå deim i hel! Slepp ingen ut!» Dei hogg deim ned, og
kasta ut liki. So trengde livvakti og kjemporne seg inn i
det inste av Ba'als-templet, 26 og kasta ut stolparne i
Ba'als-templet og brende deim upp. 27 Dei reiv ned
Ba'als-sula, og dei reiv ned heile Ba'als-templet, og
laga det um til naudturftstad, som finst den dag i dag.
28 So øydde Jehu Ba'al ut or Israel. 29 Men han gav
ikkje upp synderne hans Jerobeam Nebatsson, som
han hadde forført Israel til: gullkalvarne i Betel og Dan.
30 Herren tala til Jehu: «Av di du gjorde til gagns det
som eg tykkjer er rett, med di du gjorde alt det eg
hadde etla Ahabs-ætti, so skal barnebarns-borni dine
sitja på Israels kongsstol.» 31 Men Jehu heldt seg ikkje
heilt etter Herrens, Israels Guds, lov; han gav ikkje
upp synderne hans Jerobeam, som han hadde forført
Israel til. 32 Ved denne tid tok Herren til å skjera stykke
or Israel. Hazael slo deim langs heile Israels landskil;
33 på austsida av Jordan tok han heile Gileadlandet,
Gads-ætti, Rubens-ætti, Manasse-ætti, frå Aroer ved
Arnonåi, heile Gilead og Basan. 34 Det som elles
er å fortelja um Jehu, um alt det han gjorde og alle
hans storverk, det er uppskrive i krønikeboki åt Israels-
kongarne. 35 Jehu lagde seg til kvile hjå federne sine
og vart gravlagd i Samaria. Joahaz, son hans, vart
konge i staden hans. 36 Den tidi Jehu var konge yver
Israel i Samaria, var åtte og tjuge år.

**11** Då Atalja, mor åt Ahazja, fekk vita at son hennar
var dåen, tok ho seg fyre å tyna heile kongsætti.
2 Men nett med same kongssønerne skulde lata livet,
tok Joseba, dotter åt kong Joram, syster åt Ahazja, fekk
taka i Joas Ahazjason og berga honom undan saman
med fostermor hans, inn i sengkammerset, og soleis
løynde dei honom for Atalja, so han ikkje vart drepen.
3 So var han hjå henne i Herrens hus, burtgøymd, i
seks år, medan Atalja styrde landet. 4 I det sjuande
året sende Jojada bod og henta hovudsmennerne for
livvakti og førde deim inn til seg i Herrens hus. Og
han hadde gjort ein avtale med deim og teke deim i
eid der i Herrens hus, synte han deim kongssonen.
5 So baud han deim: «Høyr no korleis de skal fara
åt: Den eine tridjepart av dykk som tek vakthaldet på
kviledagen, skal halda vakt i kongsgarden, 6 den andre
tridjeparten i Sur-porten, tridje tridjeparten i porten bak
drabantarne; de skal greida vakti til vern åt huset. 7 Både
dei hine vaktskifti, alle dei av dykk som skulde verta
avløyste frå vakt på kviledagen, dei skal halda vakt
um kongen i Herrens hus; 8 de skal gjera manngard
rundt ikring kongen, kvar mann med våpn i hand! kjem
nokon innpå rekkjorne, so hogg honom ned! Soleis
skal de vera med kongen både når han gjeng ut, og
når han gjeng inn.» 9 Hovudsmennerne gjorde alt
soleis som presten Jojada baud; kvar og ein tok sine
folk, både dei som skulde taka ved vakti um kviledagen
og dei som skulde ganga frå um kviledagen; dei kom
til presten Jojada, 10 og presten gav hovudsmennerne
dei spjoti og dei skjoldarne som kong David hadde åtta,
og som var i Herrens hus. 11 Livvakti tok post, kvar
med våpn i hand, frå sudsida av huset til nordsida av
huset, til altaret, og derifrå til huset att, i manngard
kring kongen. 12 So leidde han kongssonen ut og sette
på honom kruna og gav honom lovi. Dei tok honom til
konge og salva honom, klappa i henderne og ropa:
«Live kongen!» 13 Då Atalja høyrde ropet frå livvakti
og folket, gjekk ho til Herrens hus, der folket stod. 14
Der fekk ho då sjå kongen standa på den høge tramen,
som skikken var, og hovudsmennerne og lurblåsarane
attmed kongen, og alt landsens folk som fegnast og
bles i lur. Då reiv Atalja sund klædi sine og ropa:
«Samansverjing, samansverjing!» 15 Presten Jojada
baud hovudsmennerne, herførarne: «Leid henne ut
millom rekkjorne!» sagde han til deim, «og er so nokon
fylgjer etter henne, so hogg honom ned!» Presten
vilde ikkje ho skulde verta drepi i Herrens hus. 16
Dei tok henne då og førde henne inn i kongsgarden
gjenom hesteporten; og der let ho livet. 17 Jojada
gjorde den pakti millom Herren og kongen og folket,
at dei skulde vera Herrens folk. Ogso millom kongen
og folket gjorde han semja. 18 Alt landsens folk gjekk
so av stad burt til Ba'als-huset og reiv det ned, og
altari hans og bilæti krasa dei i mol og mask. Mattan,
Ba'als-presten, drap dei framfor altari. So sette Jojada
vaktmenner ved Herrens hus. 19 Deretter tok han med
seg hovudsmennerne og livvakti og alt landsens folk,
og dei førde kongen frå Herrens hus inn i kongsgarden
gjenom livvakt-porten. Han sette seg på kongsstolen,
20 og alt folket fegnast; og byen kom til ro. Men Atalja
hadde dei hogge i hel i kongsgarden. 21 Sju år gamall
var Joas då han vart konge.

**12** I det sjuande styringsåret åt Jehu vart Joas
konge, og fyrti år rådde han i Jerusalem. Mor
hans heitte Sibja, frå Be'erseba. 2 Joas gjorde alle
sine dagar det som rett var for Herren, med di presten
Jojada rettleidde honom. 3 Berre vart offerhaugarne
haldne ved lag; folket heldt ved å ofra slagtoffer og
røykoffer på haugarne. 4 Joas gav prestarne det bodet:
«Alle pengarne som kjem til Herrens hus i heilage
gåvor, ålgjengd mynt, og i løysepengar for einkvan,
sameleis alle pengar som einkvan sjølvminnt gjev åt
Herrens hus, 5 dei skal prestarne taka imot, kvar av
sine kjenningar, og nytta det til å setja i stand det som
er forfalle i huset, all stad det finn ein brest.» 6 Men i
tri og tjugande styringsåret åt kong Joas hadde ikkje

prestarne endå bøtt bresterne i huset. 7 Kong Joas
kalla då til seg presten Jojada og dei andre prestarne:
«Kvifor hev de ikkje bøtt bresterne i Herrens hus?»
spurde han; «heretter fær ikkje de taka imot pengar
av kjenningarne dykkar; de skal lata deim frå dykk, til
å bøta på huset.» 8 Prestarne gjekk med på det, at
dei skulde ikkje taka imot pengar av folket, og ikkje
hava noko med å bøta huset. 9 Presten Jojada tok ei
kista, bora hol i loket og sette henne jamsides altaret
på høgre sida av inngangen til Herrens hus. Og der
lagde då prestarne som heldt vakt på dørstokken, alle
pengar folk hadde med seg til Herrens hus. 10 So
snart dei såg at det var nøgdi av pengar i kista, gjekk
kongens skrivar og øvstepresten dit upp, og knytte i
hop alle pengarne som fanst i Herrens hus, talde deim
11 og vog deim, og flidde deim åt tilsynsmennerne for
arbeidarane ved Herrens hus; dei reidde deim ut til
timbremennerne og bygningsmeistrarne som arbeidde
på Herrens hus, 12 og til murarane og steinhoggarane,
like eins til innkjøp av trevyrke og hoggen stein, til å
bøta brester i Herrens hus; stutt sagt: til alle utlogor
ved hus-bøtingi. 13 Derimot laga dei ikkje sylvfat til
Herrens hus for dei pengarne som kom inn i huset,
ikkje heller ljosesaksar, skålar eller trompetar av sylv,
eller onnor tempelgogn av gull eller sylv; 14 nei, alt
vart gjeve til arbeidarane, og dei nytta det til å bøta
Herrens hus. 15 Dei kravde ingen rekneskap av deim
som tok imot pengarne og gav deim til arbeidarane;
dei fekk gjera det på tru og æra. 16 Men pengar som
kom inn for skuldoffer og syndoffer, vart ikkje lagde i
Herrens hus; dei gjekk til prestarne. 17 Den tid drog
syrarkongen Hazael upp og hertok Gat. Hazael etla
seg jamvel til ei ferd mot Jerusalem. 18 Joas, Juda-
kongen, tok då alle dei heilage gåvorne som Juda-
kongarne Josafat, Joram og Ahazja, federne hans,
hadde helga åt Herren, og sine eigne heilage gåvor, og
alt gullet som fanst i skattkammeret i Herrens hus, og
sende det til syrarkongen Hazael. Og då drog han burt
frå Jerusalem. 19 Det som elles er å fortelja um Joas
og alt det han gjorde, det er uppskrive i krønikeboki åt
Juda-kongarne. 20 Hirdmennerne hans gjorde uppreist,
samansvor seg og slo i hel Joas i Millo-bygnaden, som
rekk ned mot Silla. 21 Det var Jozakar Sim'atsson
og Jozabad Somersson, hirdmennerne hans, som
slo honom i hel. Han vart gravlagd hjå federne sine i
Davidsbyen; og Amasja, son hans, vart konge i staden
hans.

**13** I det tri og tjugande styringsåret åt Juda-kongen
Joas Ahazjason vart Joahaz Jehuson konge yver
Israel i Samaria, og han styrde i syttan år. 2 Han
gjorde det som vondt var i Herrens augo; han dreiv
på med same synderne som Jerobeam Nebatsson,
som han hadde forført Israel til; deim gav han ikkje
upp. 3 Herren vart brennande harm på Israel; han gav
deim i henderne på syrarkongen Hazael og Benhadad
Hazaelsson, heile hans stryringstid. 4 Joahaz freista å
blidka Herren, og Herren bønhøyrde honom, av di han
såg den naudi syrarkongen førde Israel upp i. 5 Herren
gav då Israel ein frelsar, so dei slapp ut or syrarveldet,
og Israels-borni fekk bu i hyttorne sine som fyrr. 6 Like
vel gav dei ikkje upp dei synderne som Jerobeams hus
hadde forført Israel til; dei dreiv på sameleis; jamvel
Astarte-bilætet fekk standa i fred i Samaria. 7 Hazael
hadde ikkje leivt meir folk åt Joahaz enn femti hestfolk,
ti vogner, og ti tusund mann fotfolk. So ille hadde
syrarkongen øydt deim ut, knasa deim som gov ved
treskjingi. 8 Det som elles er å fortelja um Joahaz,
um alt det han gjorde og um hans storverk, det er
uppskrive i krønikeboki åt Israels-kongarne. 9 Joahaz
lagde seg til kvile hjå federne sine og vart gravlagd i
Samaria. Joas, son hans, vart konge i staden hans. 10
I det sju og trettiande styringsåret åt Joas, kongen i
Juda, vart Joas Joahazson konge yver Israel, og han
rådde i Samaria i sekstan år. 11 Han gjorde det som
vondt var i Herrens augo. Han gav ikkje upp nokor av
dei synderne som Jerobeam Nebatsson hadde forført
Israel til; han dreiv på sameleis. 12 Det som elles
er å fortelja um Joas, um alt det han gjorde og um
hans storverk, soleis um krigen han førde mot Amasja,
kongen i Juda, det er uppskrive i krønikeboki åt Israels-
kongarne. 13 Joas lagde seg til kvile hjå federne sine,
og Jerobeam steig upp i kongsstolen hans. Joas vart
gravlagd i Samaria saman med Israels-kongarne. 14
Då Elisa hadde fenge helsotti, gjekk Joas, kongen i
Israel, ned til honom. Han bøygde seg yver honom,
gret og ropa: «Far, far! du Israels vogner og ridarar!»
15 Elisa sagde med honom: «Henta ein boge og piler!»
Han henta deim til honom. 16 Baud han so Israels-
kongen: «Legg handi di på bogen!» Han so gjorde, og
Elisa lagde sine hender på kongens hender. 17 So
sagde han: «Lat upp vindauga mot aust!» Då han det
hadde gjort, sagde Elisa: «Skjot!» Og han skaut. Då
sagde han: «Ei sigers-pil frå Herren! ei sigers-pil mot
syrarane! Du skal slå syrarane i Afek og tyna deim
heilt.» 18 So sagde han: «Tak pilerne!» Då Israels-
kongen hadde teke deim, sagde han til honom: «Slå
på jordi!» Han slo tri gonger, og so slutta han. 19
Då vart gudsmannen harm på honom. «Du skulde
ha slege fem eller seks gonger, » sagde han; «so
vilde du ha tynt syrarane heilt; no kjem du til å slå
syrarane tri gonger.» 20 Elisa døydde og vart gravlagd.
Moabitarflokkar gjorde jamt røvarferder i landet ved
nyårsbil. 21 No hende det just som dei skulde jorda
ein mann, at dei fekk sjå ein røvarflokk; so kasta dei

mannen i Elisas grav. Og då mannen datt ned og
kom innpå beini åt Elisa, so vart han livande att og
reis upp på føterne. 22 Syrarkongen Hazael heldt
Israel i trælldom so lenge Joahaz livde. 23 Men Herren
miskunna deim og ynkast yver deim, og vende seg
til deim for den pakt skuld som han hadde gjort med
Abraham, Isak og Jakob; han vilde ikkje øyda deim
ut og hadde ikkje endå kasta deim burt frå seg. 24
Syrarkongen Hazael døydde, og Benhadad, son hans,
vart konge i staden hans. 25 Då tok Joas Joahazson
att frå Benhadad Hazaelsson dei byarne som han
hadde teke frå Joahaz, far hans. Tri gonger slo Joas
deim, og tok soleis att Israels byar.

**14** I det andre styringsåret åt Israels-kongen Joas
Joahazson vart Amasja Joasson konge i Juda. 2
Fem og tjuge år gamall var han då han tok styret, og ni
og tjuge år rådde han i Jerusalem. Mor hans heitte
Joaddan, frå Jerusalem. 3 Han gjorde det som rett var
for Herren; um ikkje so heilt som David, ættarfar hans,
so liktest han i alt på Joas, far sin. 4 Offerhaugarne
vart like vel haldne ved lag; folket heldt på og ofra
slagtoffer og brende røykjelse på haugarne. 5 So
snart han kjende seg trygg på magti, let han drepa dei
hirdmennerne som hadde slege i hel kongen, far hans.
6 Men borni åt dråpsmennerne drap han ikkje, etter
fyreskrifti i Mose-lovboki, der Herren hev gjeve dette
bodet: «Foreldre skal ikkje lata livet for det borni hev
gjort; og born ikkje for det foreldri hev gjort; kvar og
ein skal døy for si eigi synd.» 7 Han slo edomitarne i
Saltdalen, ti tusund mann, og hertok Sela, som han
kalla Jokte'el, eit namn det ber den dag i dag. 8 Ved
dette leitet sende Amasja bod til Israels-kongen Joas
Joahazson, soneson åt Jehu, med dei ordi: «Kom, lat
oss røyna kvarandre!» 9 Men Joas, kongen i Israel,
sende det svaret Amasja, kongen i Juda: «Tistelen
på Libanon sende bod til cederen på Libanon: Gjev
dotter di til kona åt sonen min!» Men då flaug villdyri
på Libanon yver tistelen og trakka honom ned. 10 Visst
hev du vunne på edomitarne, og dermed vert du kaut
i hugen. Men njot no æra di og sit heime! Kvifor vil
du leika med ulukka, til fall for deg sjølv og for folket
ditt. 11 Men Amasja vilde ikkje høyra. So drog Israels-
kongen Joas upp. Og dei fekk røyna kvarandre, han
og Juda-kongen Amasja, ved Bet-Semes i Judalandet.
12 Juda-folket tapte for Israels-folket og rømde kvar til
sitt. 13 Og Juda-kongen Amasja Joasson, soneson
åt Ahazja, vart teken til fange der ved Bet-Semes av
Israels-kongen Joas. Då dei kom til Jerusalem, reiv han
ned fire hundrad alner av bymuren, frå Efraimsporten
til Hyrneporten. 14 So tok han alt gullet og sylvet og
alle kjerald som fanst i Herrens hus og i skattkammeret
i kongsgarden, og dessutan gislar. Dermed snudde
han heim att til Samaria. 15 Det som elles er å fortelja
um Joas, um det han gjorde og um hans storverk,
um krigen han førde mot Juda-kongen Amasja, det er
uppskrive i krønikeboki åt Israels-kongarne. 16 Joas
lagde seg til kvile hjå federne sine og vart gravlagd i
Samaria saman med Israels-kongarne. Og Jerobeam,
son hans, vart konge i staden hans. 17 Juda-kongen
Amasja Joasson livde femtan år etter Israels-kongen
Joas Joahazson var dåen. 18 Det som elles er å
fortelja um Amasja, det er uppskrive i krønikeboki åt
Juda-kongarne. 19 Dei svor seg saman mot honom i
Jerusalem, og han rømde til Lakis, men dei sende folk
etter honom dit, og dei drap honom der. 20 Dei førde
liket på hesteryggen, og gravlagde honom i Jerusalem,
i Davidsbyen, saman med federne hans. 21 So tok
heile Juda-folket Azarja, ein sekstan års gut, til konge
i staden for Amasja, far hans. 22 Han var det som
bygde upp att Elat og lagde det under Juda att, etter
far hans hadde lagt seg til kvile hjå federne sine. 23
I det femtande styringsåret åt Juda-kongen Amasja
Joasson vart Jerobeam Joasson konge yver Israel, og
rådde i Samaria i eitt og fyrti år. 24 Han gjorde det
som vondt var i Herrens augo, og gav ikkje upp dei
synderne Jerobeam Nebatsson hadde forført Israel
til. 25 Han var det som vann att for Israel landviddi
frå Hamatvegen til Øydemark-havet i samhøve med
det ordet Herren, Israels Gud, hadde tala ved tenaren
sin, profeten Jona Amittaison frå Gat-Hefer. 26 For
Herren hadde set at Israels naud var ovleg beisk; det
var ute med både ufri og fri, og det var ingen som
hjelpte Israel. 27 Herren hadde ikkje sagt at han vilde
strjuka ut Israels namn under himmelen; difor hjelpte
han deim ved Jerobeam Joasson. 28 Det som elles er
å fortelja um Jerobeam, um alt det han gjorde og um
hans storverk, um krigarne han førde og landevinningi
for Israel som han vann att frå Damaskus og Hamat,
det som fyrr hadde høyrt til Juda, det er uppskrive i
krønikeboki åt Israels-kongarne. 29 Jerobeam lagde
seg til kvile hjå federne sine, hjå Israels-kongarne, og
Zakarja, son hans, vart konge i staden hans.

**15** I det sju og tjugande styringsåret åt Israels-
kongen Jerobeam vart Azarja Amasjason konge
i Juda. 2 Sekstan år gamall var han då han vart konge,
og tvo og femti år rådde han i Jerusalem. Mor hans
heitte Jekolja, frå Jerusalem. 3 Han gjorde det som
rett var for Herren, plent som Amasja, far hans, hadde
gjort. 4 Like vel vart offerhaugarne halde ved lag;
folket held ved å ofra slagtoffer og brenna røykjelse på
haugarne. 5 Herren hemsøkte kongen, so han vart
spillsjuk til sin døydande dag; og han budde i eit hus
for seg sjølv. Jotam, kongssonen, stod fyre kongehuset
og styrde landslyden. 6 Det som elles er å fortelja

um Azarja og alt det han gjorde, det er uppskrive i
krønikeboki åt Juda-kongarne. 7 Azarja lagde seg til
kvile hjå federne sine og vart gravlagd hjå federne
sine i Davidsbyen. Jotam, son hans, vart konge i
staden hans. 8 I det åtte og trettiande styringsåret åt
Juda-kongen Azarja vart Zakarja Jerobeamsson konge
yver Israel, og rådde i Samaria i seks månader. 9
Han gjorde det som vondt var i Herrens augo, liksom
federne hans; han gav ikkje upp dei synderne som
Jerobeam Nebatsson hadde forført Israel til. 10 Sallum
Jabesson fekk i stand ei samansverjing mot honom,
og slo honom i hel medan folket såg på; so vart han
konge i staden hans. 11 Det som elles er å fortelja um
Zakarja, sjå det er uppskrive i krønikeboki åt Israels-
kongarne. 12 Uppfyllt vart soleis det ordet som Herren
tala til Jehu: «Sønerne dine i fjorde ættleden skal sitja
på Israels kongssæte.» So gjekk det. 13 Sallum frå
Jabes vart konge i det ni og trettiande styringsåret
åt Uzzia, Juda-kongen, og rådde ein månads tid i
Samaria. 14 Då drog Menahem Gadison upp frå Tirsa
til Samaria, og slo der i hel Sallum Jabesson og vart
so konge i staden hans. 15 Det som elles er å fortelja
um Sallum, og samansverjingi han fekk i stand, sjå
det er uppskrive i krønikeboki åt Israels-kongarne. 16
Ved den tid herja Menahem Tifsah og alt folket der
i heile landviddi deira, frå Tirsa; han herja deim, av
di dei ikkje hadde uppna portarne for honom; alle
barnkonorne skar han upp. 17 I det ni og trettiande
styringsåret åt Azarja, kongen i Juda, vart Menahem
Gadison konge yver Israel. Ti år rådde han i Samaria.
18 Han gjorde det som vondt var i Herrens augo alle
sine dagar, og gav ikkje upp synderne som Jerobeam
Nebatsson hadde forført Israel til. 19 Då assyrarkongen
Pul fall inn i landet, gav Menahem Pul tvo og eit halvt
tusund vågar sylv for at han skulde hjelpa honom og
tryggja kongedømet hans. 20 Dei pengarne Menahem
gav assyrarkongen, fekk han inn ved skatt på alle
rikmennerne i Israel: femti lodd sylv på kvar og ein. So
snudde assyrarkongen att og heldt seg ikkje meir der i
landet. 21 Det som elles er å fortelja um Menahem og
alt det han gjorde, det er uppskrive i krønikeboki åt
Israels-kongarne. 22 Menahem lagde seg til kvile hjå
federne sine, og Pekahja, son hans, vart konge i staden
hans. 23 I det femtiande styringsåret åt Azarja, kongen
i Juda, vart Pekahja Menahemsson konge yver Israel,
og rådde tvo år i Samaria. 24 Han gjorde det som
vondt var i Herrens augo, og heldt ved med synderne
som Jerobeam Nebatsson hadde forført Israel til. 25
Pekah Remaljason, hovudsmannen hans, fekk i stand
ei samansverjing mot honom, og drap honom og Argob
og Arje i Samaria, i sjølve kongsborgi. Han hadde femti
Gileads-menner med seg; og då han hadde drepe
honom, vart han konge i staden hans. 26 Det som elles
er å fortelja um Pekahja og alt det han gjorde, sjå det
er uppskrive i krønikeboki åt Israels-kongarne. 27 I det
tvo og femtiande styringsåret åt Azarja, kongen i Juda,
vart Pekah Remaljason konge yver Israel, og rådde i
Samaria i tjuge år. 28 Han gjorde det som vondt var i
Herrens augo og heldt ved med synderne åt Jerobeam
Nebatsson, som han hadde forført Israel til. 29 I dei
dagarne Pekah var konge i Israel, kom assyrarkongen
Tiglat-Pileser og hertok Ijon, Abel-Bet-Ma'aka, Janoah,
Kedes, Hasor, Gilead og Galilæa, heile Naftalilandet,
og førde folket burt til Assyria. 30 Hosea Elason fekk
i stand ei samansverjing mot Pekah Remaljason og
slo honom i hel; so vart han konge i staden hans, i
det tjugande styringsåret åt Jotam Uzziason. 31 Det
som elles er å fortelja um Pekah og alt det han gjorde,
sjå det er uppskrive i krønikeboki åt Israels-kongarne.
32 I det andre styringsåret åt Israels-kongen Pekah
Remaljason vart Jotam Uzziason konge i Juda. 33
Fem og tjuge år gamall var han då han vart konge, og
sekstan år rådde han i Jerusalem. Mor hans heitte
Jerusa Sadoksdotter. 34 Han gjorde det som rett var
for Herren liktest i all sin ferd på Uzzia, far sin. 35 Like
vel vart offerhaugarne halde ved lag; endå ofra folket
slagtoffer og brende røykjelse på haugarne. Han var
det som bygde øvre porten i Herrens hus. 36 Det som
elles er å fortelja um Jotam og alt det han gjorde, det
er uppskrive i krønikeboki åt Juda-kongarne. 37 Ved
den tid tok Herren til å senda syrerkongen Resin og
Pekah Remaljason inn i Juda. 38 Jotam lagde seg til
kvile hjå federne sine, og vart gravlagd hjå federne
sine i byen åt David, far sin. Og Ahaz, son hans, vart
konge i staden hans.

**16** I det syttande styringsåret åt Pekah Remaljason
vart Ahaz Jotamsson konge i Juda. 2 Tjuge år
gamall var Ahaz då han vart konge, og sekstan år
rådde han i Jerusalem. Han gjorde ikkje det som rett
var for Herren, hans Gud, som David, far hans. 3
Han gjekk i fotefari til Israels-kongarne, ja, han vigde
jamvel son sin i elden, likt med dei avstyggjelege
skikkarne hjå dei folki Herren hadde rudt ut for Israels-
sønerne. 4 Han ofra slagtoffer, brende røykjelse på
haugarne og på bakkarne, og under kvart grønt tre. 5
På den tid drog syrarkongen Resin og Israels-kongen
Pekah Remaljason upp og vilde hertaka Jerusalem.
Dei kringsette Ahaz, men vann ikkje taka byen. 6
Samstundes vann syrarkongen Resin Elat attende
til Syria. Då han hadde kasta Juda-folki ut or Elat,
kom syrarfolk kom og busette seg der, og der bur dei
den dag i dag. 7 Ahaz sende bod til assyrarkongen
Tiglat-Pileser med dei ordi: «Eg er din træl og din son.
Kom upp, og frels meg frå syrarkongen og Israels-

kongen, som hev teke på meg!» 8 Ahaz tok det sylvet
og gullet som fanst i Herrens hus og skattkammeret i
kongsgarden og sende det til gåva åt assyrarkongen.
9 Assyrarkongen lydde honom, og assyrarkongen
drog upp mot Damaskus, hertok byen og førde folket
burt til Kir; og Resin slo han i hel. 10 Kong Ahaz
for til Damaskus til møtes med assyrarkongen Tiglat-
Pileser. Då han fekk sjå altaret i Damaskus, sende
kong Ahaz bilæte av altaret og eit fullkome mynster
av det til presten Uria. 11 Og presten Uria bygde
altaret; heilt etter den fyreskrift kong Ahaz hadde sendt
frå Damaskus, soleis gjorde presten Uria det ferdigt,
til dess kong Ahaz kom heim. 12 Då kongen kom
heim frå Damaskus og fekk sjå altaret, gjekk han
innåt, steig upp på det, 13 brende brennofferet og
grjonofferet sitt, helte ut drykkofferet sitt og skvette
blodet av takkofferi sine på altaret. 14 Men koparaltaret
som stod framfor Herrens åsyn, flutte han frå staden
sin framfyre huset, millom Herrens hus og det nye
altaret, og sette det på nordsida av dette altaret. 15
Kong Ahaz baud presten Uria: «På storaltaret skal
du brenna brennofferet um morgonen og grjonofferet
um kvelden, kongens brennoffer og grjonoffer, og
brennofferet for heile landslyden og grjonofferet deira
og drykkofferet deira; alt blod av brennoffer og alt blod
av slagtoffer skal du hella ut der. Kva eg vil gjera med
koparaltaret, skal eg tenkja næmare etter.» 16 Presten
Uria gjorde plent som kong Ahaz baud. 17 Kong Ahaz
braut laus listerne på fotstykki og tok baljorne ned
derifrå; havet lyfte han ned frå koparuksarne som stod
under, og sette det på eit steingolv. 18 Kviledags-
svalgangen som dei hadde bygt i huset, og den ytre
konge-inngangen lagde han inn i Herrens hus for
assyrarkongen skuld. 19 Det som elles er å fortelja um
Ahaz, det han gjorde, det er uppskrive i krønikeboki åt
Juda-kongarne. 20 Ahaz lagde seg til kvile hjå federne
sine og vart gravlagd hjå federne sine i Davidsbyen.
Og Hizkia, son hans, vart konge i staden hans.

**17** I det tolvte styringsåret åt Ahaz, kongen i Juda,
vart Hosea Elason konge yver Israel, og han
rådde i ni år. 2 Han gjorde det som vondt var i Herrens
augo, då ikkje so ille som Israels-kongarne fyre honom.
3 Mot honom drog assyrarkongen Salmanassar upp.
Hosea vart lydkonge under honom og laut leggja
skatt åt honom. 4 Men då assyrarkongen vart vis
med at Hosea for med svik, med di han sende bod
til egyptarkongen So, og slutta greida ut den årvisse
skatten til assyrarkongen, tok assyrarkongen honom til
fange og kasta honom i fengsel. 5 Og assyrarkongen
drog upp mot heile landet, og drog upp og kringsette
Samaria i tri år. 6 I niande styringsåret åt Hosea
tok han Samaria og førde Israel burt til Assyria og
busette deim i Halah, ved Gozanåi Habor, og i byarne i
Media. 7 Soleis gjekk det, av di Israels-borni synda
mot Herren, sin Gud, han som hadde ført deim upp
frå Egyptarlandet og fria deim ut or handi åt Farao,
egyptarkongen; dei ottast andre gudar, 8 og for etter
sed og skikk hjå dei folki Herren hadde drive ut
for Israels-borni, og etter dei skikkarne som Israels-
kongarne hadde skipa. 9 Ja, Israels-borni gjorde
mangt uhøvelegt mot Herren, sin Gud; dei bygde seg
offerhaugar i alle byarne sine, frå det minste vakttårn
til fastaste borgi; 10 dei reiste upp minnesteinar og
Astarte-stolpar på kvar ein høg haug og under kvart
grønt tre. 11 På alle haugarne brende dei røykjelse,
liksom dei folki Herren hadde drive burt for deim, og dei
harma Herren med si illferd. 12 Dei tente steingudarne,
det som Herren hadde sagt dei ikkje måtte gjera. 13
Herren vara både Israel og Juda ved alle profetarne og
sjåarane sine: «Vend um frå dei vonde vegarne dykkar
og haldt mine bod og mine fyreskrifter etter heile den
lovi som eg baud federne dykkar, og som eg sende
til dykk ved tenarane mine, profetarne!» 14 Men dei
lydde ikkje. Dei var likso hardnakka som federne sine,
som ikkje trudde på Herren, sin Gud. 15 Dei vanda
lovarne hans, brydde seg ikkje um den pakti han hadde
skipa med federne deira, og dei fyresegnerne han
hadde gjeve deim. Dei gjekk etter fåfengde avgudar og
for med det som fåfengt er, liksom grannefolki, endå
Herren hadde bode deim at dei skulde ikkje fara soleis
åt. 16 Dei vende seg frå alle bodi som Herren, deira
Gud, hadde gjeve, og laga seg støypte gudebilæte,
tvo kalvar. Dei laga Astarte-stolpar, dei bøygde kne
for himmelheren og tente Ba'al. 17 Attåt dette vigde
dei sønerne og døtterne sine i elden, og for med
spådomskunster og trollkunster. Dei selde seg til å
gjera det som vondt var i Herrens augo, so dei harma
honom. 18 Difor vart Herren ovleg harm på Israel og
støytte deim frå seg. Det vart inkje att einast Juda-ætti.
19 Ikkje heller Juda heldt Herrens, sin Guds bod, men
for etter Israels skikkar, som dei hadde skipa seg. 20
Då støytte Herren frå seg heile Israels-ætti, og tukta
deim og gav deim i henderne på røvarar, til dess han
kasta deim burt frå si åsyn. 21 Han hadde rive Israel
laus frå Davids hus; dei tok Jerobeam Nebatsson til
konge; og Jeroboam fekk Israel til å falle frå Herren og
forførde deim til stor synd; 22 og israelitarne dreiv på
med alle dei synderne Jerobeam gjorde; dei gav deim
ikkje upp. 23 På resten støytte Herren Israel frå seg,
som han hadde sagt ved alle tenarane sine, profetarne.
Israel laut fara burt frå landet sitt til Assyria. Der er dei
den dag i dag. 24 Assyrarkongen flutte folk frå Babel
og Kuta og Avva og Hamat og Sefarvajim, og busette
deim i Samaria-byarne i staden for Israels-borni. Dei

tok då Samaria i eige og sette bu i byarne der. **25** Og
det hende seg, at i fyrstningi dei budde der, hadde dei
ingen age for Herren. Herren sende då løvor som herja
millom deim. **26** Det vart meldt åt assyrarkongen: «Dei
folki som du flutte burt og busette i Samaria-byarne,
dei kjenner ikkje rette måten å dyrka landsens gud;
difor hev han sendt løvor millom deim; og dei drep
folket ned, av di dei ikkje kjenner rette måten å dyrka
landsens gud.» **27** Assyrarkongen gav då det bodet:
«Lat ein av dei burtførde prestarne fara dit heim att og
busetja seg der og læra folket å dyrka landsens gud på
rette måten!» **28** Ein av prestarne som var burtførde frå
Samaria, kom då og sette bu i Betel. Han lærde deim
korleis dei skulde ottast Herren. **29** Det var nok so at
kvart folk laga seg sin gud og sette upp på haugarne i
dei husi som Samaria-folki hadde bygt, kvart folk i sin
by, der dei hadde busett seg; **30** folk frå Babel laga
seg ein Sukkot-Benot, folk frå Kut ein Nergal, folk frå
Hamat ein Asima, **31** avvitarne laga seg ein Nibhaz
og ein Tartak, og sefarvitarne brende borni sine i eld
for Adrammelek og Anammelek, Sefarvajim-gudarne.
**32** Men dei bar og age for Herren. Dei valde seg ut
offerhaug-prestar kvar or sin flokk, og dei ofra for deim
i husi på haugarne. **33** Dei bar age for Herren; men dei
tente samstundes sine eigne gudar, etter skikken hjå
dei folki som dei var burtførde frå. **34** Den dag i dag
fer dei etter dei same gamle skikkarne sine; dei ber
ikkje age for Herren, so dei fer etter sine fyreskrifter og
rettar, og etter den lov og det bod som Herren gav
borni åt Jakob, han som fekk namnet Israel. **35** Herren
gjorde ei pakt og gav deim sovore bod: «Andre gudar
skal det ikkje hava age for, og ikkje bøygja kne for
deim eller tena deim eller ofra til deim. **36** Men Herren,
som førde dykk upp frå Egyptarlandet med stor kraft
og med strak arm, honom skal de bera age for, honom
skal de bøygja kne for, honom skal de ofra til. **37** Og
dei fyreskrifter og rettar, og den lov og det bod som
han let skriva for dykk - deim skal de taka vare på og
halda alle dagar; men de skal ikkje bera age for andre
gudar. **38** Den pakti eg gjorde med dykk, må de ikkje
gløyma. De må ikkje bera age for andre gudar. **39** Nei,
ber age for Herren, dykkar Gud, so skal han fria dykk
frå alle dykkar fiendar.» **40** Men dei vilde ikkje høyra,
men for fram på same vis som fyrr. **41** So bar desse
folki age for Herren, men tente samstundes gudebilæti
sine. Og borni og barneborni deira gjer den dag i dag
so som federne deira gjorde.

**18** I det tridje styringsåret åt Israels-kongen Hosea
Elason vart Hizkia Ahasson konge i Juda. **2** Fem
og tjuge år gamall var han då han vart konge, og ni og
tjuge år rådde han i Jerusalem. Mor hans heitte Abi
Zakarjadotter. **3** Han gjorde det som rett var i Herrens
augo, heilt so som David, far hans, hadde gjort. **4**
Han fekk burt offerhaugarne, slo sund minnesteinarne,
hogg ned Astarte-stolparne, og knasa koparormen
som Moses hadde laga; for alt til den tid hadde Israels-
borni brent røykjelse for honom, og dei kalla honom
Nehustan. **5** På Herren, Israels Gud, leit han. Millom
alle Juda-kongarne fanst ikkje maken hans, korkje fyre
eller etter honom. **6** Han heldt seg til Herren, veik ikkje
frå honom, men heldt hans bod, som Herren hadde
bode Moses. **7** Og Herren var med honom so han
hadde framgang i alt han tok seg fyre. Han fall ifrå
assyrarkongen og vilde ikkje vera tenaren hans. **8**
Og so vann han filistarane og tok landet alt til Gaza
og bygdi derikring, frå minste vakttårnet til fastaste
borgi. **9** I fjorde styringsåret åt kong Hizkia - det var
sjuande styringsåret åt Israels-kongen Hosea Elason -
drog assyrarkongen Salmanassar upp og kringsette
Samaria. **10** Dei tok byen då tri år var lidne; i det
sette styringsåret åt Hizkia og det niande styringsåret
åt Hosea, kongen i Israel, vart Samaria teken. **11**
Assyrarkongen førde Israel burt til Assyria og busette
deim i Halah og ved Gozanåi Habor, og i byarne i
Media. **12** Det var av di dei ikkje høyrde på Herren,
sin Gud, men braut hans pakt, alt det som Moses,
Herrens tenar, hadde bode; dei korkje høyrde eller
livde etter deim. **13** I det fjortande styringsåret åt kong
Hizkia drog assyrarkongen Sankerib upp og hertok
alle faste borger i Juda. **14** Juda-kongen Hizkia sende
då bod til Lakis til assyrarkongen med dei ordi: «Eg
hev synda; snu um att frå meg! Det du legg på meg,
skal eg bera: » Assyrarkongen lagde då på Hizkia,
Juda-kongen, åtte hundrad vågar sylv og åtteti vågar
gull. **15** Hizkia gav ut alt sylvet som fanst i Herrens hus
og i skattkammeret i kongsgarden. **16** Samstundes
braut Hizkia laus gullet på dørerne i Herrens tempel
og av dørstolparne som Hizkia, Juda-kongen, hadde
klædt med gull, og gav det til assyrarkongen. **17**
Men so sende assyrarkongen Tartan og Rabsaris og
Rabsake med ein stor her frå Lakis mot kong Hizkia
i Jerusalem, og dei drog upp og kom til Jerusalem.
Då dei hadde fare upp og var komne dit, stana dei
attmed vatsleidingi frå Øvredammen på allfarvegen til
vaskarvollen. **18** Då dei kravde å få tala med kongen,
gjekk drottseten Eljakim Hilkiason og riksskrivaren
Sebna og kanslaren Joah Asafsson ut til deim. **19**
Rabsake sagde med deim: «Meld til Hizkia: «So segjer
storkongen, assyrarkongen: Kva er det for tru som gjer
deg so traust? **20** du tenkjer at berre eit ord gjer råd
og dåd i krig! Kven lit du på, sidan du sette upp imot
meg? **21** Ja, det er sant: du lit på Egyptarland, den
brotna røyrstaven, som sting hol i handi på kvar som
styd seg til honom! Soleis er Farao, egyptarkongen, for

alle som lit på honom. 22 Og svarar de meg: «Me lit på
Herren, vår Gud!» var det då ikkje hans offerhaugar
og hans altar Hizkia fekk burt, då han baud Juda og
Jerusalem: «Framfor dette altaret skal de bøygja kne
i Jerusalem.» 23 Gjer då eit veddemål med herren
min, assyrarkongen: Eg gjev deg tvo tusund hestar,
um du kann skaffa folk til å rida på deim. 24 Korleis
vil du slå attende ein einaste jarl, ein av dei ringaste
tenarane åt herren min? Og so lit du på egyptarane, på
vognerne og ridarane deira! 25 Trur de det er Herrens
uvitande, når eg kjem hit og øydelegg denne staden?
Nei, det var Herren som baud meg: «Drag upp til dette
landet og legg det i øyde!»»» 26 Eljakim Hilkiason og
Sebna og Joah sagde då til Rabsake: «Tala syrisk til
tenarane dine! me skynar det nok; tala ikkje jødisk
til oss! folket på muren høyrer på.» 27 «Nei, » svara
Rabsake; «det er ikkje til herren din og til deg herren
min hev sendt meg å tala desse ordi, men nettupp til
dei folki som sit på muren og saman med dykk lyt eta
sitt eige skarn og drikka sitt eige vatn!» 28 So steig
Rabsake fram og ropa høgmælt desse ordi på jødisk
mål: «Høyr det storkongen, assyrarkongen, talar! 29
So segjer kongen: «Lat ikkje Hizkia narra dykk; han
er ikkje i stand til å hjelpa dykk ut or mi hand! 30 Lat
ikkje Hizkia få dykk til å lita på Herren, med di han
segjer: «Herren hjelpar oss for visst; han gjev ikkje
denne byen i henderne på assyrarkongen.» 31 Høyr
ikkje på Hizkia! So segjer kongen i Assyria: Gjer fred
med meg! gjev dykk yver til meg! So skal de få eta
kvar av sitt eige vintre og sitt eige fiketre, og drikka
vatn kvar or sin eigen brunn, 32 til dess eg kjem og
hentar dykk til eit land som er likt dykkar eige, eit land
med korn og druvesaft, eit land med brød og vinhagar,
eit land med oljetre og honning. So skal de liva og
sleppa døy. Høyr ikkje på Hizkia! Han narrar dykk når
han segjer: «Herren bergar oss.» 33 Tru nokon av
folke-gudarne berga sitt land for assyrarkongen? 34
Kvar er gudarne i Hamat og Arpad? kvar er gudarne
åt Sefarvajim og Hena og Ivva, eller hev dei berga
Samaria ut or mi hand? 35 Kven av alle gudarne i alle
land hev berga sitt land or mi hand? Skulde då Herren
berga Jerusalem ut or mi hand?»» 36 Folket tagde,
svara honom ikkje eit ord: for so var kongens bod:
«Ikkje svara honom!» 37 Eljakim Hilkiason, drottseten,
og Sebna, riksskrivaren, og Joah Asafsson, kanslaren,
kom då attende til Hizkia med sundrivne klæde, og
melde honom ordi hans Rabsake.

**19** Då kong Hizkia høyrde det, reiv han sund
klædi sine, sveipte syrgjebunad kring seg og
gjekk inn i Herrens hus. 2 Han sende drottseten
Eljakim og riksskrivaren Sebna og dei eldste prestarne
syrgjeklædde til profeten Jesaja Amosson, 3 med dei
ordi: «So segjer Hizkia: «Dette er ein dag full av naud
og straff og skjemsla; fosteri hev nått fødsli, men det
finst ikkje kraft til å føda. 4 Kann henda høyrer Herren,
din Gud, alt det Rabsake hev sagt, han som er send
av assyrarkongen, herren sin, til å svivyrda den livande
Gud, so han straffar honom for dei ordi som Herren,
din Gud, hev høyrt. Ber då fram ei bøn for den leivning
som endå er att!»» 5 Då hirdmennerne frå Hizkia kom
til Jesaja, 6 sagde Jesaja til deim: «So skal de svara
herren dykkar: «So segjer Herren: Ver ikkje rædd for
dei ordi du høyrde då trælarne åt assyrarkongen spotta
meg! 7 Eit hugskot skyt eg i hugen hans; han høyrer ei
tiend, og heim att snur han; der let eg honom falla for
sverd i sitt land.»» 8 Då Rabsake for burt att, fann han
assyrarkongen i strid mot Libna; for han hadde høyrt at
han hadde fare burt frå Lakis. 9 Då han fekk tiend
at ætiopkongen Tirhaka hadde drege ut på herferd
mot honom, sende han eit nytt bod til Hizkia med dei
ordi: 10 «Seg so med Hizkia, Juda-kongen: «Ikkje lat
din Gud, som du lit på, narra deg til å tenkja at ikkje
Jerusalem skal falla i henderne på assyrarkongen! 11
Du hev nok høyrt gjete sjølv kor assyrarkongarne hev
fare åt mot alle landi; at dei bannstøytte deim. Og so
skulde du berga deg undan? 12 Kunde folke-gudarne
berga sine folk, som federne mine øydde ut: Gozan,
Haran, Resef eller Edens-folki i Telassar? 13 Kvar er
Hamat-kongen eller Arpad-kongen eller kongen yver
Sefarvajimbyen, yver Hena og Ivva?»» 14 Hizkia tok
brevet frå sendebodi og las det; og so gjekk han upp
i Herrens hus, og Hizkia breidde det ut for Herrens
åsyn. 15 Og Hizkia bad for Herrens åsyn, og sagde:
«Herre, du Israels Gud! du som sit yver kerubarne!
Einast du er Gud yver alle rike på jordi! du hev gjort
himmelen og jordi. 16 Herre, legg øyra til og lyd! Herre,
lat augo upp og sjå! Høyr dei ordi Sanherib sende,
og svivyrde den livande Gud! 17 Herre, det er sant:
assyrarkongen hev øydt ut folki og deira land, 18
kasta gudarne deira på elden; for dei er ikkje gudar,
berre manneverk utav stokk og stein; difor kunde dei
øydast. 19 Men no må du, Herre, vår Gud, frelsa oss
frå hans magt, so alle rike på jordi må røyna: du,
Herre, einast er Gud!» 20 Då sende Jesaja Amosson
bod til Hizkia med dei ordi: «So segjer Herren, Israels
Gud: «Bøni di hev eg høyrt um hjelp mot Sanherib,
Assur-kongen. 21 So lyder Herrens ord, som Herren
hev tala imot honom: «Ho vanvyrder deg, ho spottar
deg, ungmøyi, Sions dotter, ho rister på hovudet åt
deg, Jerusalems dotter. 22 Kven hev du svivyrdt? kven
hev du spotta? Kven hev røysti di ropa imot? Augo
lyfte du høgt, mot Israels Heilage. 23 Ved sendebodi
hædde du Herren og sagde: Med dei mange vognerne
mine for eg upp på dei høgste fjelli, ja, langt burti

Libanons utmark, der høgg eg ned hennar høge cedrar
og dei hæve cypressarne hennar; eg tek meg fram
i dei øvste heimar, inn i den tettaste skogen; 24 eg
borar meg brunnar og vatn drikk eg hjå framande folk;
med fotsolen min turkar eg ut alle Egyptarlands elvar.»
25 Hev du'kje høyrt at eg hev longe laga det so? Frå
ævordsleg tid hev eg fyreåt fastsett dette! Og no let eg
det koma i verk! Du fekk magt til å øyda sterke borgar
til steinrøysar aude. 26 Folki deira vart veike og valne,
skalv og stod til skammar. Det gjekk deim som gras
på marki og grøne urter, som vokstrar på taket som
moldaks i bryddande åker. 27 Eg veit når du sit, og
gjeng ut og gjeng inn, kor du slær deg vill imot meg. 28
Av di du er vill imot meg, og eg høyrer kor kaut du er,
eg hektar min krok i nosi di, legg min taum i munnen
din, og vikjer deg heim att den vegen du kom. 29 Og
dette skal du hava til merke: I år skal de eta sjølvsått
korn, næste år sjølvrunne, men tridje året skal de så og
hausta og planta vinhagar og eta frukti av deim. 30 Og
leivningen som er att av Juda hus, skyt djupare røter
nedantil og ovantil ber han si frukt. 31 For ein leivning
kjem frå Jerusalem, og ein rest frå Sionsfjellet. Herrens
brennhug skal gjera dette. 32 Difor segjer Herren so
um assyrarkongen: Ikkje skal han koma inn i denne
byen, og ikkje skal han skjota nokor pil der inn. Ikkje
skal han storma fram mot han med skjold, og ikkje
byggja skansar upp imot han. 33 Den vegen som han
kjem, den skal han heim att fara, i denne byen kjem
han ikkje inn, so segjer Herren. 34 Eg vernar denne by
og bergar honom, for mi skuld og for Davids skuld,
min tenar.»» 35 Det hende seg den natti at Herrens
engel gjekk ut og slo hundrad og fem og åtteti tusund i
assyrarlægret. Tidleg næste morgon fann dei deim
alle ligjande lik. 36 Då tok assyrarkongen Sankerib ut
og drog burt og snudde heim att, og heldt seg sidan i
Nineve. 37 Ein gong han heldt bøn i huset åt Nisrok,
guden sin, hogg Adrammelek og Sareser honom ned
med sverd; dei kom seg undan til Araratslandet. Og
Asarhaddon, son hans, vart konge i staden hans.

**20** I dei dagarne lagdest Hizkia i helsott; då kom
profeten Jesaja Amosson til honom og sagde
med honom: «So segjer Herren; «Skila for deg! for du
skal døy; du vert ikkje god att.»» 2 Då snudde han seg
mot veggen og bad til Herren: 3 «Å Herre, kom i hug
kor eg hev ferdast ærleg og heilhjarta for di åsyn og
gjort det som godt var i dine augo!» Og Hizkia sette i
og storgret. 4 Fyrr Jesaja var nådd ut or den indre
byen, kom Herrens ord til honom soleis: 5 «Gakk inn
att, og seg til Hizkia, fyrsten yver folket mitt: «So segjer
Herren, Gud åt David, far din: Eg hev høyrt bøni di, og
set tårorne dine. Sjå, eg gjer deg god att; i yvermorgon
skal du ganga upp til Herrens hus. 6 Eg aukar alderen
din med femtan år. Or handi åt assyrarkongen bergar
eg deg og denne byen. Ja, denne byen vernar eg
for mi skuld og for David skuld, tenaren min.»» 7 Då
sagde Jesaja: «Henta ei fikekaka!» Dei so gjorde, og
lagde henne på verken. Og han friskna til att. 8 Hizkia
sagde til Jesaja: «Kva skal eg hava til merke på at
Herren gjer meg god att, so eg i yvermorgon kann
ganga upp til Herrens hus?» 9 Jesaja svara: «Dette
gjev Herren deg til merke på at Herren held det han
lovar: Skal skuggen ganga ti strik fram, eller skal han
no ganga ti strik attende?» 10 Hizkia svara: «Lett er det
for skuggen å tøygja seg ti strik fram; nei, lat skuggen
ganga attende ti strik!» 11 Profeten Jesaja ropa til
Herren, og han let skuggen på solskiva åt Ahaz ganga
attlenges dei ti striki som han nett hadde gjenge fram.
12 Kring den tid sende Babel-kongen Berodak Baladan
Baladansson brev og gåva til Hizkia; for han hadde
spurt at Hizkia hadde vore sjuk. 13 Då Hizkia hadde
høyrt på deim, synte han deim heile forrådshuset sitt,
sylvet og gullet, og angande kryddor og kosteleg olje,
og våpnhuset alt som fanst i skattkammeri hans; det
fanst ikkje den ting i hans hus og i heile hans rike som
ikkje Hizkia synte deim. 14 Då kom profeten Jesaja
til kong Hizkia og spurde honom: «Kva hev desse
mennerne sagt, og kvar helst kom dei frå til deg?»
Hizkia svara: «Frå eit land langt burte, frå Babel kom
dei.» 15 «Kva hev dei set i huset ditt?» spurde han.
«Alt som i huset mitt finst, hev dei set, » svara Hizkia;
«det fanst ikkje den ting i skattkammeri mine som
eg ikkje synte deim.» 16 Då sagde Jesaja til Hizkia:
«Høyr Herrens ord! 17 Dagar kjem då alt som finst i
huset ditt, det federne dine hev samla alt til i dag, det
skal verta ført til Babel; aldri ein grand skal verta att,
segjer Herren. 18 Og sume av sønerne dine, ætta frå
deg, utstokne frå deg, skal takast, og dei skal verta
hirdmenner i slottet åt Babel-kongen.» 19 Hizkia svara
Jesaja: «Godt er Herrens ord som du hev tala.» Han
tenkte: «Berre det vert fred og trygd so lenge eg liver!»
20 Det som elles er å fortelja um Hizkia og alle hans
storverk, kor han bygde dammen og vatsleidingi, og
førde vatnet til byen, det er uppskrive i krønikeboki åt
Juda-kongarne. 21 Hizkia lagde seg til kvile hjå federne
sine, og Manasse, son hans, vart konge i staden hans.

**21** Tolv år gamall var Manasse då han vart konge,
fem og femti år rådde han i Jerusalem. Mor
hans heitte Hefsiba. 2 Han gjorde det som vondt var i
Herrens augo, likt med dei avstyggjelege skikkarne hjå
dei folki Herren hadde rudt ut for Israels-borni. 3 Han
bygde upp att dei offerhaugarne som Hizkia, far hans,
hadde lagt i øyde, og reiste altar for Ba'al og laga
Astarte-bilæte, liksom Ahab, Israels-kongen, hadde

gjort, og kasta seg ned for og tente heile himmelheren.
4 Ja, han bygde altar i Herrens hus, der som Herren
hadde sagt: «Til Jerusalem vil eg festa namnet mitt.»
5 I båe tuni kring Herrens hus bygde han altar for
heile himmelheren. 6 Han vigde son sin i elden og
for med spådom og trolldom, og tinga folk til å mana
fram draugar og spåvette. Han gjorde mykje som var
vondt i Herrens augo, og harma honom. 7 Astarte-
bilætet som han hadde laga, sette han i det huset som
Herren hadde sagt um til David og Salomo, son hans:
«Til dette huset og til Jerusalem, som eg hev valt ut
millom alle Israels ætter, vil eg festa namnet mitt i all
æva. 8 Eg vil ikkje meir lata Israel flakka heimlaus
burt frå landet eg gav federne deira. Berre dei gjer og
heldt seg etter alle mine bod og etter heile lovi som
Moses, tenaren min, gav deim!» 9 Men dei lydde ikkje.
Manasse forførde deim, so dei stelte seg verre enn
dei folki Herren hadde øydt ut for Israels-borni. 10 Då
tala Herren ved tenarane sine, profetarne, soleis: 11
«Av di Manasse, Juda-kongen, hev drive med desse
avstyggjelege skikkarne, verre enn alt det amoritarne
gjorde fyre hans tid, og forført med sine steingudar
ogso Juda til å synda, 12 so segjer Herren, Israels
Gud: «Sjå, eg sendar ulukka yver Jerusalem og Juda,
so det skal ringja for båe øyro på alle som høyrer det.
13 Eg spanar same mælesnori yver Jerusalem som
yver Samaria, og nyttar same vegtloddet som yver
Ahabs hus. Eg turkar burt Jerusalem, liksom ein turkar
av eit fat og so snur det upp ned. 14 Eg støyter ifrå
meg deim som er att av arvluten min, og gjev deim i
fiendevald, so dei vert til ran og til herfang for alle sine
fiendar. 15 Og det av di dei hev gjort det som vondt
er i mine augo, og jamt harma meg frå den dagen
federne deira drog ut or Egyptarland og til den dag i
dag.»» 16 Manasse let og skuldlaust blod renna, i so
stor mengd at Jerusalem vart fyllt av det frå ende til
annan, umfram den syndi at han forførde Juda til å
gjera det som vondt var i Herrens augo. 17 Det som
elles er å fortelja um Manasse, um det han gjorde og
um hans synd, det er uppskrive i krønikeboki åt Juda-
kongarne. 18 Manasse lagde seg til kvile hjå federne
sine, og vart gravlagd i slottshagen, i Uzzas hage. Og
Amon, son hans, vart konge i staden hans. 19 Tvo og
tjuge år gamall var Amon då han vart konge; tvo år
rådde han i Jerusalem. Mor hans heitte Mesullemet
Harusdotter, frå Jotba. 20 Han gjorde det som vondt
var i Herrens augo, liksom Manasse, far hans; 21 han
fylgde i alt fotefari til far sin, og tente steingudarne som
far hans hadde tent, og bad til deim. 22 Han vende
seg frå Herren, sin fedregud, og gjekk ikkje på Herrens
veg. 23 Amons hirdmenner samansvor seg og drap
kongen i huset hans. 24 Landsfolket slo i hel deim
som hadde samansvore seg saman mot Amon, og
tok Josia, son hans, til konge i staden hans. 25 Det
som elles er å fortelja um Amon, det han gjorde, det er
uppskrive i krønikeboki åt Juda-kongarne. 26 Han vart
gravlagd i gravi i Uzzias hage. Josia, son hans, vart
konge i staden hans.

**22** Åtte år gamall var Josia då han vart konge; eitt
og tretti år rådde i Jerusalem. Mor hans heitte
Jedida Adajadotter, frå Boskat. 2 Han gjorde det som
rett for Herren, og fylgde i alt fotefari til David, far sin.
Han tok ikkje or leidi, anten til høgre eller vinstre. 3
I attande styringsåret åt kong Josia sende kongen
riksskrivaren Safan, son åt Asalja Mesullamsson, upp
til Herrens hus og sagde: 4 «Gakk upp til øvstepresten
Hilkia, og bed honom rekna i hop dei pengarne som
er innkomne i Herrens hus, som dørstokkvakti hev
samla inn hjå folket; 5 og fli deim åt tilsynsmennerne
for arbeidarane ved Herrens hus, so dei som arbeider i
Herrens hus må få deim til å bøta bresterne i huset:
6 timbremennerne, byggsmeistrarne og murarane,
til innkjøp av trevyrke og hoggen stein til å setja
huset i stand. 7 Dei skal ikkje krevja rekneskap av
deim for pengarne dei tek imot; dei skal få gjera det
på tru og æra.» 8 Då sagde øvstepresten Hilkia til
riksskrivaren Safan: «Eg hev funne lovboki i Herrens
hus.» Og Hilkia gav boki til Safan, og han las henne.
9 So gjekk Safan, riksskrivaren, til kongen og gav
kongen melding og sagde: «Tenarane dine hev tømt
ut alle pengarne som fanst i huset, og gjeve demi
til tilsynmennerne for arbeidet i Herrens hus.» 10
Og so fortalde riksskrivaren Safan kongen: «Presten
Hilkia gav meg ei bok.» Og Safan las henne upp for
kongen. 11 Då kongen fekk høyra ordi i lovboki, reiv
han sund klædi sine. 12 Og kongen baud presten
Hilkia og Ahikam Safansson og Akbor Mikajason og
riksskrivaren Safan og kongstenaren Asaja: 13 «Gakk
og spør Herren for meg og folket og heile Juda um det
som stend i denne boki som er funni! Stor er Herrens
harm, som hev loga upp mot oss, av di federne ikkje
hev vore lyduge mot ordi i denne boki og ikkje hev
gjort etter alt det som er fyreskrive.» 14 So gjekk
presten Hilkia og Ahikam og Akbor og Safan og Asaja
og spurde profetkvinna Hukda, kona åt klædevaktaren
Sallum, son åt Tikva Harhasson; ho budde i nybyen
i Jerusalem. 15 Ho svara deim: «So segjer Herren,
Israels Gud: «Seg med honom som sende dykk til
meg: 16 So segjer Herren: Sjå, eg sender ulukka yver
denne staden og yver folket her, alt det som stend i
boki som Juda-kongen las, 17 til straff for at dei hev
vendt seg frå meg og brent røykjelse for andre gudar
og harma meg med alle sine verk; harmen min logar
mot denne staden og sloknar ikkje. 18 Men med Juda-

kongen, som sende dykk til å spyrja Herren, skal de
segja so: So segjer Herren, Israels Gud, um dei ordi
du høyrde: 19 Av di hjarta ditt vart mjukt, og du bøygde
deg for Herrens åsyn då du høyrde det eg hev tala
mot denne staden og folket her, at dei skal verta til
rædsla og forbanning, av di du reiv sund klædi dine og
gret for mi åsyn, so hev eg og høyrt, segjer Herren. 20
Difor let eg deg samlast til federne dine og koma i fred
i gravi di, og augo dine skal sleppa å sjå all den ulukka
eg sender yver denne staden.»» Og dei kom att til
kongen med dette svaret.

23 Då sende kongen bod og stemnde saman til seg
alle dei øvste i Juda og Jerusalem. 2 Og kongen
gjekk upp til Herrens hus, og alle Juda-mennerne og
alt Jerusalems folk fylgde honom, og prestarne, og
profetarne og heile folket, unge og gamle. Han las upp
for deim alt det som stod i paktboki som dei hadde
funne i Herrens hus. 3 Kongen steig fram på tramen og
gjorde den pakti for Herrens åsyn, at dei skulde fylgja
Herren og halda hans bod og fyresegner og lover av
alt sitt hjarta og all sin hug, og setja i verk dei paktordi
som var skrivne i denne boki. Heile folket gjekk med
på pakti. 4 Sidan baud kongen øvstepresten Hilkia
og dei næst-øvste prestarne og dørstokkvakti å få ut
or Herrens tempel alle dei gognerne som var laga åt
Ba'al og Astarte og heile himmelheren; og dei vart
uppbrende utanfor Jerusalem på Kidrons-vollarne, og
oska vart bori til Betel. 5 Avgudsprestarne som Juda-
kongarne hadde sett inn, fekk avskil, dei som hadde
brent røykjelse på haugarne i Juda-byarne og ikring
Jerusalem, og dei som hadde brent røykjelse for Ba'al,
for soli og månen og stjernorne i dyreringen og for
heile himmelheren. 6 Astarte-bilætet fekk han ut or
Herrens hus, til Kidronsdalen utanfor Jerusalem, og
brende det der i Kidronsdalen, mol det til dust, og
dusti kasta han på den ålmenne gravstaden. 7 Han
reiv ned utukt-husi i Herrens hus, der som kvende
vov tjeld til Astarte. 8 Han flutte alle prestarne inn frå
byarne i Juda; og frå Geba til Be'erseba vanhelga han
offerhaugarne der prestarne hadde brent røykjelse.
Han reiv ned offerhaugarne ved portarne, den som
var utanfor porten åt byhovdingen Josva, og den som
var på vinstre sida når ein gjekk inn byporten. 9 Men
hauga-prestarne fekk ikkje stiga upp til Herrens altar i
Jerusalem; dei fekk berre vera med når brørne deira
åt søtebrød. 10 Han vanhelga Tofet i Hinnomssons-
dalen, so ingen skulde vigja son eller dotter i elden,
til Molok. 11 Han fekk burt dei hestarne som Juda-
kongarne hadde sett upp til æra for soli ved inngangen
til Herrens hus, ved kammerset til hirdmannen Netan-
Melek i Parvarim; og solvognerne brende han upp.
12 Altari på taket ved høgeloftet til Ahaz, dei som
Juda-kongarne hadde sett upp, og altari som Manasse
hadde bygt upp i båe tuni kring Herrens hus, reiv
kongen ned, og han smuldra deim og førde deim
burt og kasta dusti i Kidronsdalen. 13 Og kongen
vanhelga offerhaugarne aust for Jerusalem på sørsida
av Tyningsbjerget, og som Salomo, Israels konge,
hadde bygt åt Astarte, styggedomen frå Sidon, og
åt Kamos, Moabs styggedom, og åt Milkom, den
avstyggjelege guden åt ammonitarne. 14 Han braut og
sund minnesteinarne og hogg ned Astarte-bilæti, og
fyllte tufti deira med mannebein. 15 Sameleis altaret i
Betel, offerhaugen Jerobeam Nebatsson hadde bygt
upp, der som han forførde Israel til å synda - ogso det
altaret og den haugen reiv han ned; og han brende
upp haugen og mol honom til dust, og han brende
upp Astarte-bilætet. 16 Då Josia såg seg um og
gådde graverne der på fjellet, sende han folk som tok
beini ut or graverne, og brende deim upp på altaret,
og vanhelga det soleis, etter Herrens ord, som han
gudsmannen hadde ropa ut, som ropa at dette skulde
henda. 17 «Kva er det for ein gravstein eg ser her?»
spurde han. Bymennene svara honom: «Det er gravi
åt den gudsmannen som kom frå Juda og ropa ut yver
altaret i Betel at det skulde henda som du no hev sett i
verk.» 18 Då sagde han: «Lat honom kvila i fred! Ingen
skal røra beini hans.» Soleis berga dei hans bein, og
sameleis beini til profeten som kom frå Samaria. 19
Dessutan rudde Josia burt alle hauga-husi i Samaria-
byarne, som Israels-kongarne hadde bygt til harm for
Herren; og han for med deim i alle måtar sameleis som
i Betel. 20 Og han drap ned alle hauga-prestarne der
ved altari, og brende mannebein på deim. So snudde
han heim att til Jerusalem. 21 Kongen gav heile folket
det bodet: «Haldt påske for Herren, dykkar Gud, etter
fyreskrifterne i denne paktboki!» 22 Sovori påskehelg
hadde dei ikkje halde frå den tid då domarane styrde
Israel, og ut gjenom heile kongetidi i Israel og Juda.
23 Fyrst i attande styringsåret åt kong Josia heldt dei
sovori påskehelg for Herren i Jerusalem. 24 Josia
øydde og ut alle som mana draugar og spåvette, og
husgudarne og steingudarne og all styggedomen som
hadde synt seg i Judalandet og i Jerusalem. Soleis
sette han i verk lov-ordi som var skrivne i den boki
presten Hilkia fann i Herrens hus. 25 Maken til konge
hadde ikkje vore fyre honom; det var ingen som soleis
hadde vendt seg til Herren av alt sitt hjarta og all sin
hug og all sin styrke etter heile Moselovi; og maken
hans kom aldri meir. 26 Like vel gav ikkje Herren upp
den store brennande harmen som hadde loga upp mot
Juda for alle dei harmelege synder Manasse hadde
harma honom med. 27 Herren sagde: «Ogso Juda

støyter eg burt frå meg, liksom eg støyte Israel burt.
Ja, eg vandar denne byen som eg valde ut, Jerusalem
og huset som eg sagde um: «Mitt namn skal vera
der.»» 28 Det som elles er å fortelja um Josia og alt
det han gjorde, det er uppskrive i krønikeboki åt Juda-
kongarne. 29 I hans tid drog egyptarkongen Farao
Neko upp til elvi Frat mot assyrarkongen. Kong Josia
drog imot honom, men han drap honom ved Megiddo,
so snart han fekk sjå honom. 30 Folket hans køyrde
liket frå Megiddo til Jerusalem og gravlagde honom i
hans eigi grav. Og folket i landet tok Joahaz Josiason
og salva honom til konge i staden for faren. 31 Tri
og tjuge år gamall var Joahaz då han vart konge, og
tri månader rådde han i Jerusalem. Mor hans heitte
Hamutal Jeremiadotter, frå Libna. 32 Han gjorde det
som vondt var i Herrens augo, plent som federne hans.
33 Farao Neko fengsla honom i Ribla i Hamatlandet,
og gjorde soleis ende på styringi hans i Jerusalem.
Han lagde skatt på landet: tvo hundrad og femti våger
sylv og tvo og ein halv våg gull. 34 Farao Neko gjorde
Eljakim Josiason til konge i staden for Josia, far hans,
og brigda namnet hans til Jojakim. Men Joahaz tok
han med seg til Egyptarland, og der døydde han. 35
Jojakim reidde ut sylvet og gullet til Farao. Men han
laut leggja skatt på landet for å reida ut dei pengarne
Farao kravde. Etter so som kvar var likna, dreiv han inn
sylvet og gullet av landsfolket og reidde det ut til Farao
Neko. 36 Fem og tjuge år gamall var Jojakim då han
vart konge, og han elleve år rådde han i Jerusalem.
Mor hans heitte Zebida Pedajadotter, frå Ruma. 37
Han gjorde det som vondt var i Herrens augo, plent
som federne hans.

**24** I hans tid drog Babel-kongen Nebukadnessar
upp, og Jojakim vart lydkongen hans. Men tri år
etter fall han ifrå honom att. 2 Herren sende då imot
honom kaldæiske, syriske, moabitiske og ammonitiske
røvarflokkar. Han sende deim mot Juda til å øyda
landet, etter Herrens ord, som han hadde tala ved
tenarane sine, profetarne. 3 Ja, på Herrens bod gjekk
det so med Juda at dei vart burtstøytte frå hans åsyn,
for Manasses synder skuld, for alt det han hadde gjort,
4 soleis og for det skuldlause blodet han let renna, då
han fyllte Jerusalem med skuldlaust blod; det vilde
Herren ikkje tilgjeva. 5 Det som elles er å fortelja
um Jojakim og alt det han gjorde, det er uppskrive i
krønikeboki åt Juda-kongarne. 6 Jojakim lagde seg til
kvile hjå federne sine, og Jojakin, son hans, vart konge i
staden hans. 7 No for ikkje egyptarkongen ut frå landet
sitt meir; for Babel-kongen hadde teke alt det landet
egyptarkongen åtte frå Egyptarlands-bekken til elvi
Frat. 8 Attan år gamall var Jojakin då han vart konge,
tri månader rådde han i Jerusalem. Mor hans heitte
Nehusta Elnatansdotter, frå Jerusalem. 9 Han gjorde
det som vondt var i Herrens augo, plent som far hans.
10 På den tid drog Babel-kongen Nebukadnessars folk
upp mot Jerusalem, og byen vart kringsett. 11 Kong
Nebukadnessar kom sjølv til byen, medan herfolket
hans kringsette honom. 12 Juda-kongen Jojakin gav
seg då yver til Babel-kongen med mor si og tenarane
og hovdingarne og hirdmennerne sine; og Babel-
kongen tok honom til fange i åttande styringsår. 13
Han førde burt derifrå alle skattar i Herrens hus og i
kongsgarden. Han braut laust gullet av alle gognerne
som Salomo, Israels konge, hadde laga åt Herrens
tempel, soleis som Herren hadde sagt. 14 Han førde
burt heile Jerusalem, alle hovdingarne og godseigarne,
ti tusund fangar, og alle grovsmedar og låssmedar. Det
vart ikkje att anna enn fatigfolk i landet. 15 Han førde
Jojakin burt til Babel; og kongsmori og kongskonorne
og hirdmennerne hans og storfolket i landet førde han
fangar frå Jerusalem til Babel; 16 og alle godseigarane:
sju tusund, grovsmedar og låssmedar: eit tusund, alle i
hop djerve hermenner, deim førde Babel-kongen burt
til Babel. 17 Og Babel-kongen sette Mattanja, farbror
hans, til konge i staden hans, og brigda namnet hans
til Sidkia. 18 Eitt og tjuge år gamall var Sidkia då han
vart konge; elleve år rådde han i Jerusalem. Mor hans
heitte Hamital Jirmejadotter, frå Libna. 19 Han gjorde
det som vondt var i Herrens augo, plent som Jojakim.
20 Det var for Herrens harm skuld det gjekk so med
Jerusalem og Juda, til dess han støytte deim burt frå si
åsyn. Sidkia fall ifrå Babel-kongen.

**25** I det niande styringsåret hans, tiande dagen i
tiande månaden, kom Nebukadnessar, Babel-
kongen, med heile heren sin til Jerusalem, lægra seg
utanfor byen og bygde skansar rundt ikring honom. 2
Byen vart kringsett til Sidkias ellevte styringsår. 3 Den
niande dagen i månaden røynde svolten hardt på i
byen, og landsfolket hadde inkje mat. 4 Då vart byen
teken. Og alt stridsfolket rømde um natti gjenom porten
i dubbelmuren ved kongshagen, medan kaldæarane
låg rundt ikring byen. Dei tok leidi til Moarne. 5
Men kaldæarheren forfylgde kongen og nådde honom
att på Moarne ved Jeriko. Alt herfolket sprang frå
honom og spreiddest. 6 Dei fanga då kongen og
førde honom upp til Ribla til Babel-kongen. Der fekk
han sin dom. 7 Sønerne åt Sidkia drap dei medan
han såg på det; so stakk han ut augo på Sidkia, batt
honom med koparlekkjor og førde honom til Babel. 8
Sjuande dagen i den femte månaden i det nittande
styringsåret åt Nebukadnessar, Babel-kongen, kom
ein av tenarane åt Babel-kongen, livvakthovdingen
Nebuzaradan, til Jerusalem. 9 Han brende upp Herrens
hus og kongsgarden. Ja, alle husi i Jerusalem, serleg

alle storfolk-hus, sette han eld på. **10** Og murarne ikring
Jerusalem vart nedrivne av heile den kaldæarheren
som livvakthovdingen hadde med seg. **11** Resten av
folket som var att i byen, og svikararne som hadde
gjenge yver til Babel-kongen, og resten av ålmugen,
vart burtført av Nebuzaradan, livvakthovdingen. **12**
Nokre av fatigfolket i landet let han vera att til å arbeida
i vinhagarne og på åkrarne. **13** Koparsulorne i Herrens
hus, fotstykki og koparhavet i Herrens hus, braut
kaldæarane sund, og tok koparen med seg til Babel.
**14** Og dei tok oskefati og eldskuflerne og ljossakserne
og skålerne og alle kopargogner som dei hadde til
gudstenesta. **15** Livvakthovdingen tok og glodpannorne
og blodbollarne, og alt som var av skirt gull og av skirt
sylv. **16** Tvo sulor og eit hav og fotstykki som Salomo
hadde laga åt Herrens hus - koparen i alle desse
gognerne var ikkje vegande. **17** Den eine sula var attan
alner høg, og ovanpå den var det eit koparhovud, og
hovudet var tri alner høgt; rundt ikring hovudet var det
eit net og granateple, alt av kopar; og sameleis var det
med netet på den andre sula. **18** Livvakthovdingen tok
øvstepresten Seraja og næst-øvste presten Sefanja
og dei tri dørstokkvaktarane, **19** og frå byen tok han
ein hirdmann som uppsynsmann yver herfolket, og
fem som han råka på i byen av næmaste lagsfolket
hjå kongen, dessutan skrivaren åt herhovdingen, han
som skreiv ut landsfolket til hertenesta, og seksti
andre landsfolk han råka på i byen. **20** Alle desse tok
livvakthovdingen Nebuzaradan med seg til Ribla til
Babel-kongen. **21** Og Babel-kongen slo deim i hel
der i Ribla i Hamatlandet. Soleis vart Juda burtført
frå landet sitt. **22** Babel-kongen Nebukadnessar sette
Gedalja, son åt Ahikam Safansson, til jarl yver det
folket som var att i Judalandet, dei som han let vera
att. **23** Då alle herhovdingarne og hermennerne deira
fekk greida på at Babel-kongen hadde sett inn Gedalja,
kom dei til Gedalja i Mispa: Ismael Netanjason, og
Johanan Kareahsson og Seraja Tanhumetson frå
Netofa og Ja'asanja, son åt ein mann frå Ma'aka, dei
og mennerne deira. **24** Gedalja gjorde eid til deim og
hermennerne deira, og sagde med deim: «Ver ikkje
rædde for kaldæartenarane! Set bu i landet, og gjev
dykk under Babel-kongen, so vil det ganga dykk vel.»
**25** Men i den sjuande månaden kom Ismael, son åt
Netanja Elisamason, ein mann av kongsætti, med ti
mann og slo i hel Gedalja og dei jødar og kaldæarar
som var hjå honom i Mispa. **26** So tok herhovdingarne
og heile folket, unge og gamle, og gav seg på veg ut
til Egyptarland; dei var rædde for kaldæarane. **27** I
det sju og trettiande året etter Juda-kongen Jojakin
var burtført, sju og tjugande dagen i tolvte månaden,
gav Evil-Merodak, Babel-kongen - same året som han
vart konge - Jojakin, Juda-kongen, uppreisnad og fria
honom or fangehuset. **28** Han helsa honom venleg
med han og gav honom fremste sessen millom dei
kongarne som var hjå honom i Babel. **29** Han fekk
leggja av seg fangebunaden, og gjekk kvar dag til
kongens bord, so lenge han livde. **30** Kost og tæring
naut han dagvisst på kongens kostnad, til kvar dag det
han trong for dagen, heile si livetid.

# 1 Krønikebok

**1** Adam, Set, Enos, **2** Kenan, Mahalalel, Jared, **3** Enok, Metusalah, Lamek, **4** Noah, Sem, Kham og Jafet. **5** Sønerne hans Jafet var Gomer og Magog og Madai og Javan og Tubal og Mesek og Tiras. **6** Og sønerne hans Gomer var Askenaz og Difat og Togarma. **7** Og sønerne hans Javan var Elisa og Tarsisa, Kittim og Rodanim. **8** Sønerne hans Kham var Kusj og Misrajim, Put og Kana'an. **9** Sønerne hans Kusj var Seba og Havila og Sabta og Raema og Sabteka; og sønerne hans Raema var Sjeba og Dedan. **10** Og Kusj fekk ein son som heitte Nimrod. Han var den fyrste som fekk stort velde på jordi. **11** Misrajim vart far til ludarane og anamarane og lehabarane og naftuharane **12** og patrusarane og kastuharane, dei som filistarane hev kome frå, og kaftorarane. **13** Og Kana'an vart far til Sidon - det var fyrste sonen hans - og til Het **14** og jebusitarne og amoritarne og girgasitarne **15** og hevitarne og arkitarne og sinitarne **16** og arvaditarne og semaritarne og hamatitarne. **17** Sønerne hans Sem var Elam og Assur og Arpaksad og Lud og Aram og Us og Hul og Geter og Mesek. **18** Og Arpaksad fekk sonen Salah, og Salah fekk sonen Eber. **19** Og Eber fekk tvo søner. Den eine heitte Peleg; for i hans dagar vart jordi utbytt millom folki. Og bror hans heitte Joktan. **20** Og Joktan vart far til Almodad og Salef og Hasarmavet og Jarah **21** og Hadoram og Uzal og Dikla **22** og Ebal og Abimael og Sjeba **23** og Ofir og Havila og Jobab; alle desse var sønerne hans Joktan. **24** Sem, Arpaksad, Salah, **25** Eber, Peleg, Re'u, **26** Serug, Nakor, Tarah, **27** Abram, det er Abraham. **28** Sønerne hans Abraham var Isak og Ismael. **29** Dette er ættetavla deira: Den eldste son hans Ismael var Nebajot, deretter Kedar og Adbe'el og Mibsam, **30** Misma og Duma, Massa, Hadad og Tema, **31** Jetur, Nafis og Kedma; dette var sønerne hans Ismael. **32** Og dei sønerne som Ketura, fylgjekona hans Abraham, åtte, var Zimran og Joksan og Medan og Midjan og Jisbak og Suah. Sønerne hans Joksan var Sjeba og Dedan. **33** Og sønerne hans Midjan var Efa og Efer og Hanok og Abida og Elda'a. Alle desse var sønerne hennar Ketura. **34** Og Abraham var far til Isak. Sønerne hans Isak var Esau og Israel. **35** Sønerne hans Esau var Elifaz, Re'uel og Je'us og Jaelam og Korah. **36** Sønerne hans Elifaz var Teman og Omar, Sefi og Gatam, Kenaz og Timna og Amalek. **37** Sønerne hans Re'uel var Nahat og Serah, Samma og Mizza. **38** Men sønerne hans Se'ir var Lotan og Sobal og Sibeon og Ana og Dison og Eser og Disan. **39** Og sønerne hans Lotan var Hori og Homam, og syster hans Lotan var Timna. **40** Sønerne hans Sobal var Aljan og Manahat og Ebal og Sefi og Onam; og sønerne hans Sibeon var Aja og Ana. **41** Son hans Ana var Dison, og sønerne hans Dison var Hamran og Esban og Jitran og Keran. **42** Sønerne hans Eser var Bilhan og Za'avan og Ja'akan; og sønerne hans Disan var Us og Aran. **43** Og dette er dei kongarne som rådde yver Edomlandet fyrr det rådde nokon konge yver Israels-folket: Bela, son åt Beor, og byen han sat i, heitte Dinhaba. **44** Og Bela døydde, og Jobab, son åt Zerah frå Bosra, vart konge i staden hans. **45** Og Jobab døydde, og Husam frå Temanitarlandet vart konge i staden hans. **46** Og Husam døydde, og Hadad, son åt Bedad, vart konge i staden hans; det var han som vann yver midjanitarne på Moabmoen. Og byen hans heitte Avit. **47** Og Hadad døydde, og Samla frå Masreka vart konge i staden hans. **48** Og Samla døydde, og Saul frå Rehobot uppmed åi vart konge i staden hans. **49** Og Saul døydde, og Ba'al-Hanan, son åt Akbor, vart konge i staden hans. **50** Og Ba'al-Hanan døydde, og Hadad vart konge i staden hans, og hans by heitte Pa'i; og kona hans heitte Mehetabel, dotter åt Matred, som var dotter åt Mezahab. **51** Og då Hadad var dåen, var desse jarlarne i Edom: Timna-jarlen, Alja-jarlen, Jetet-jarlen, **52** Åhålibama-jarlen, Ela-jarlen, Pinon-jarlen, **53** Kenaz-jarlen, Teman-jarlen, Mibsar-jarlen, **54** Magdiel-jarlen, Iram-jarlen. Det var jarlarne i Edom.

**2** Dette var sønerne åt Israel: Ruben, Simeon, Levi og Juda, Issakar og Sebulon, **2** Dan, Josef og Benjamin, Naftali, Gad og Asser. **3** Sønerne åt Juda var Er og Onan og Sela; desse tri fekk han med dotter åt Sua, kananitarkvinna; men Herren tykte ille um Er, eldste son åt Juda, og han laga det so at han døydde. **4** Med Tamar, sonekona si, fekk Juda sønerne Peres og Zerah, so sønerne åt Juda var fem i alt. **5** Sønerne åt Peres var Hesron og Hamul. **6** Og sønerne åt Zerah var Zimri og Etan og Heman og Kalkol og Dara; fem i alt. **7** Og son åt Karmi var Akar, som førde Israel i ulukka, med di han ikkje for ærleg åt med det som var vigt til Herren. **8** Og son hans Etan var Azarja. **9** Og sønerne som Hesron fekk, var Jerahme'el, Ram og Kelubai. **10** Og Ram fekk sonen Amminadab, og Amminadab fekk sonen Nahson, hovdingen for Juda-sønerne. **11** Og Nahson fekk sonen Salma, og Salma fekk sonen Boaz. **12** Og Boaz fekk sonen Obed, og Obed fekk sonen Isai. **13** Isai fekk sonen Eliab, det var fyrste sonen hans, og Abinadab var den andre, og Simea den tridje, **14** Netanel den fjorde, Raddai den femte, **15** Osem den sette, David den sjuande. **16** Og systerne deira var Seruja og Abiga'il. Og sønerne åt Seruja var Absai og Joab og Asael, tri i talet. **17** Og Abiga'il åtte Amasa, og far åt Amasa var Jeter,

ismaeliten. 18 Og Kaleb, son åt Hesron, fekk born
med Azuba, kona si, og med Jeriot; sønerne hennar
var Jeser og Sobab og Ardon. 19 Då Asuba døydde,
tok Kaleb seg Efrat til kona, og med henne fekk han
sonen Hur. 20 Og Hur fekk sonen Uri, og Uri fekk
sonen Besalel. 21 Sidan gjekk Hesron inn til dotter åt
Makir, som var far åt Gilead; henne tok han til kona då
han var seksti år gamall, og han fekk sonen Segub
med henne. 22 Og Segub fekk sonen Ja'ir; han åtte
tri og tjuge byar i Gileadlandet. 23 Men gerusitarne
og aramæarane tok frå deim byarne hans Ja'ir, og
dessutan Kenat med seksti byar som låg ikring. Alle
desse var søner åt Makir, far åt Gilead. 24 Og Hesron
fekk sonen Ashur, far åt Tekoa, med Abia, kona si; ho
åtte honom etter Hesron var dåen i Kaleb-Efrata. 25
Og sønerne åt Jerahme'el, eldste son hans Hesron,
det var Ram, den eldste, og Buna og Oren og Osem
med Ahia. 26 Men Jerahme'el hadde ei onnor kona og,
som heitte Atara; ho var mor åt Onam. 27 Sønerne åt
Ram, fyrste sonen hans Jerahme'el, det var Ma'as og
Jamin og Eker. 28 Og sønerne åt Onam var Sammai
og Jada. Og sønerne åt Sammai var Nadab og Abisur.
29 Og kona hans Abisur heitte Abiha'il; med henne fekk
han sønerne Ahban og Molid. 30 Sønerne åt Nadab
var Seled og Appajim. Seled døydde barnlaus. 31
Men sønerne åt Appajim var Jisi; sønerne åt Jisi var
Sesan, og sønerne åt Sesan var Ahlai. 32 Og sønerne
åt Jadas, bror hans Sammai, var Jeter og Jonatan.
Jeter døydde barnlaus. 33 Men sønerne hans Jonatan
var Pelet og ZaZa. Dette var sønerne åt Jerahme'el.
34 Men Sesan hadde ingi søner, anna berre døtter. No
hadde Sesan ein egyptisk dreng, som heitte Jarha. 35
Og Sesan gav Jarha, drengen sin, dotter si til kona, og
med henne fekk han sonen Attai. 36 Attai fekk sonen
Natan, og Natan fekk sonen Zabad, 37 og Zabad fekk
sonen Eflal, og Eflal fekk sonen Obed, 38 og Obed
fekk sonen Jehu, og Jehu fekk sonen Azarja, 39 og
Azarja fekk sonen Hales, og Hales fekk sonen Elasa,
40 og Elasa fekk sonen Sismai, og Sismai fekk sonen
Sallum, 41 og Sallum fekk sonen Jekamja, og Jekamja
fekk sonen Elisama. 42 Og sønerne åt Kaleb, bror
hans Jerahme'el, var Mesa, som var eldst - han var far
åt Zif - og sønerne åt Maresa, far hans Hebron. 43 Og
sønerne åt Hebron var Korah og Tappuah og Rekem
og Sema. 44 Sema fekk sonen Raham, far åt Jorkeam,
og Rekem fekk sonen Sammai. 45 Son hans Sammai
var Maon, og Maon var far åt Betsur. 46 Og Efa,
fylgjekona hans Kaleb, åtte sønerne Haran og Mosa
og Gazez, og Haran fekk sonen Gazez. 47 Og sønerne
åt Jehdai var Regem og Jotam og Gesan og Pelet og
Efa og Sa'af. 48 Ma'aka, fylgjekona hans Kaleb, åtte
sønerne Seber og Tirhana. 49 Ho åtte og Sa'af, far åt
Madmanna, og Seva, far åt Makbena og Gibea. Og
dotter hans Kaleb var Aksa. 50 Dette var sønerne hans
Kaleb: son åt Hur, som var eldste son åt Efrata, det var
Sobal, far åt Kirjat-Jearim, 51 Salma, far åt Betlehem,
og Haref, far åt Bet-Gader. 52 Sønerne hans Sobal, far
åt Kirjat-Jearim, var Haroe og helvti av Hammenuhot-
ætti. 53 Men ættgreinerne frå Kirjat-Jearim var jitritarne,
putitarne, sumatitarne og misra'itarne; frå deim hev
soratitarne og estaolitarne kome. 54 Sønerne åt Salma
var Betlehem og netofatitarne, Atrot-Bet-Joab og helvti
av manahtitarne, soritarne. 55 Og ætterne av dei
skriftlærde som budde i Jabes, var tiratitar, simatitar
og sukatitar. Dette var dei kinitarne som var ætta frå
Hammat, far for åt Rekab-huset.

**3** Dette var sønerne som David fekk då han var
i Hebron: Amnon, den fyrste sonen hans, med
Ahinoam frå Jizre'el; Daniel, den andre, med Abiga'il
frå Karmel. 2 Absalom, den tridje, son åt Ma'aka,
som var dotter åt Talmai, konge i Gesur; Adonia, den
fjorde, son åt Haggit; 3 Safatja, den femte, med Abital;
Jitream, den sette, med Egla, kona hans. 4 Desse
seks fekk han i Hebron; der rådde han i sju år og seks
månader, og i tri og tretti år rådde han i Jerusalem. 5
Og desse sønerne han fekk i Jerusalem: Simea og
Sobab og Natan og Salomo, i alt fire, med Batsua
Ammielsdotter, 6 og Jibhar og Elisama og Elifelet, 7
og Nogah og Nefeg og Jafia, 8 Elisama og Eljada
og Elifelet, ni i talet. 9 Dette var alle sønerne hans
David umfram sønerne han fekk med fylgjekonorne,
og Tamar var syster deira. 10 Son åt Salomo var
Rehabeam; hans son var Abia; hans son var Asa;
hans son var Josafat; 11 hans son var Joram; hans
son var Ahazja; hans son var Joas; 12 hans son var
Amasja; hans son var Azarja; hans son var Jotam; 13
hans son var Ahaz; hans son var Hizkia; hans son var
Manasse; 14 hans son var Amon; hans son var Josia.
15 Sønerne åt Josia var Johanan, den fyrste, Jojakim,
den andre, Sidkia, den tridje, Sallum, den fjorde. 16
Sønerne åt Jojakim var: Hans son Jekonja; hans son
Sidkia. 17 Sønerne åt den fengsla Jekonja var: Sealtiel,
son hans, 18 og Malkiram og Pedaja og Senassar,
Jekamja, Hosama og Nedabja. 19 Sønerne åt Pedaja
var Zerubbabel og Sime'i; og sønerne hans Zerubbabel
var Mesullam og Hananja - og Selomit var syster deira
- 20 og dertil Hasuba, Ohel og Berekja, Hasadja og
Jusab-Hesed, fem i alt. 21 Sønerne åt Hananja var
Pelatja og Jesaja, og dertil sønerne åt Refaja, Arnan,
Obadja og Sekanja. 22 Son åt Sekanja var Semaja; og
sønerne hans Semaja var Hattus og Jigal og Bariah og
Nearja og Safat, seks i talet. 23 Sønerne hans Nearja
var Eljoenai og Hizkia og Azrikam, tri i alt. 24 Sønerne

åt Eljoenai var Hodavja, Eljasib og Pelaja, og Akkub
og Johanan og Delaja og Anani, sju i talet.

**4** Sønerne åt Juda var Peres, Hesron og Karmi og
Hur og Sobal. **2** Og Reaja, son åt Sobal, vart far til
Jahat, og Jahat vart far til Ahumai og Lahad; dette var
soratit-ætterne. **3** Og dette var sønerne åt Abi-Etam:
Jizre'el og Jisma og Jidbas - og syster deira heitte
Haslelponi - **4** og dessutan Penuel, far åt Gedor, og
Ezer, far åt Husa. Desse var søner åt Hur, eldste son
hans Efrata, far åt Betlehem. **5** Og Ashur, far åt Tekoa,
hadde tvo konor, Hela og Na'ara. **6** Med Na'ara fekk
han Ahuzzam og Hefer, og Temeni og ahastaritarne;
dette var sønerne hennar Na'ara. **7** Og sønerne hennar
Hela var Seret og Jishar og Etnan. **8** Og Kos vart far til
Anub og Hassobeba, og ætterne hans Aharhel, son åt
Harum. **9** Men Jabes var den gjævaste av brørne; mor
hans hadde gjeve honom namnet Jabes, med di ho
sagde: «Med verk og vande hev eg åtte honom.» **10** Og
Jabes kalla på Israels Gud og sagde: «Um du vilde
velsigna meg og auka landviddi mi og lata di hand vera
med meg, og um du vilde bægja for det som vondt
er, so eg slepp å kjenna nokon verk!» Og Gud let det
verta soleis som han bad um. **11** Og Kelub, bror hans
Suha, fekk sonen Mehir; han var far åt Eston. **12** Og
Eston var far til Bet-Rafa, Paseah og Tehinna, far åt Ir-
Nahas. Dette var mennerne frå Reka. **13** Og sønerne
hans Kenaz var Otniel og Seraja; og son åt Otniel var
Hatat. **14** Og Meonotai fekk sonen Ofra, og Seraja fekk
sonen Joab, far til ætti i Timbremannsdalen; for dei var
timbremenner. **15** Og sønerne hans Kaleb Jefunneson
var Iru, Ela og Na'am, og son åt Ela var Kenaz. **16**
Og sønerne hans Jehallelel var Zif og Zifa, Tirja og
Asarel. **17** Og sønerne hans Ezra var Jeter og Mered
og Efer og Jalon. Og kvinna vart med barn og åtte
Mirjam, Sammai og Jisbah, far åt Estemoa. **18** Og
jøde-kona hans åtte Jered, far hans Gedor, og Heber,
far åt Soko, og Jekutiel, far åt Zanoah; men dei hine
var søner åt Bitja, dotter åt Farao, som Mered hadde
teke til kona. **19** Og sønerne åt kona hans Hodia,
syster hans Naham, var far åt Ke'ila, garmiten, og
ma'akatiten Estemoa. **20** Og sønerne hans Simon var
Amnon og Rinna, Ben-Hanan og Tulon. Og sønerne
hans Jisi var Zohet og son åt Zohet. **21** Og sønerne
hans Sela Judason var Er, far åt Leka, og Lada, far
åt Maresa, og linarbeidar-ætterne av Asbea-huset,
**22** dessutan Jokim og mennerne i Kozeba og Joas
og Saraf, som vart herre yver Moab, og dertil Jasubi-
Lehem. Men dette høyrer til gamall tid. **23** Dette var
pottemakarane og folket Netajim og Gedera; dei budde
der hjå kongen og var i hans arbeid. **24** Sønerne hans
Simeon var Nemuel og Jamin, Jarib, Zerah, Saul. **25**
Son hans var Sallum; hans son var Mibsam; hans
son var Misma. **26** Sønerne åt Misma var Hammuel,
son hans, Zakkur, hans son, og Sime'i, hans son. **27**
Og Sime'i hadde sekstan søner og seks døtter; men
brørne hans hadde ikkje mange born. Og heile ætti
deira aukast ikkje so mykje som Juda-sønerne. **28**
Og dei budde i Be'erseba og Molada og Hasar-Sual,
**29** i Bilha, Esem og i Tolad, **30** i Betuel, i Horma og
Siklag, **31** i Bet-Markabot, i Hasar-Susim, i Bet-Biri
og i Sa'arajim. Dette var byarne deira alt til David
vart konge. **32** Og i landsbyarne deira var Etam og
Ajin, Rimmon, Token og Asan, fem byar, **33** og dertil
alle bygderne deira som låg ikring desse byarne, alt
til Ba'al; dette var bustaderne deira, og dei hadde
ei ættarlista for seg sjølve. **34** Og Mesobab, Jamlek
og Josa, son åt Amasja, **35** og Joel og Jehu, son åt
Josibja, son åt Seraja, son åt Asiel, **36** og Eljoenai,
Ja'akoba, Jesohaja, Asaja, Adiel, Jesimiel og Benaja,
**37** og Ziza, son åt Sifi, son åt Allon, son åt Jedaja, son
åt Simri, son åt Semaja. **38** Desse som no er nemnde,
var hovdingar i ætterne sine, og ættgreinerne deira
breidde seg ut og vart mangmente. **39** Og dei drog
fram mot Gedor alt til austsida av dalen og skulde
finna beite åt buskapen sin. **40** Og dei fann feitt og
godt beite, og landet var vidt og romt, og det var stilt
og fredsamt; for dei som budde der fyreåt, var ætta
frå Kham. **41** Men desse som her er uppskrivne med
namn, kom då Hizkia var konge i Juda, og øydelagde
tjeldbuderne deira og hogg ned dei me'unitarne som
der var, og bannstøytte deim, so dei no ikkje meir
er til, og dei slo seg ned der i staden deira; for der
var det beite for buskapen deira. **42** Og det var fem
hundrad mann av deim, av Simeons-sønerne, som for
til Se'irfjelli, og Pelatja og Nearja og Refaja og Uzziel,
sønerne hans Jisi, var fyregangsmennerne deira. **43**
Og dei drap den siste leivningen amalekitarne; so slo
dei seg ned der, og bur der den dag i dag.

**5** Og sønerne hans Ruben, eldste son åt Israel - for
han var den eldste; men med di han vanhelga lega
åt far sin, vart odelsretten hans gjeven til sønerne hans
Josef, son åt Israel, men då ikkje soleis at han skulde
skrivast upp i ættelista som den eldste. **2** For Juda
var nok den megtigaste millom brørne sine, og ein
av etterkomarane hans vart fyrste; men odelsretten
høyrde Josef til - **3** sønerne hans Ruben, eldste son
åt Israel, var Hanok og Pallu, Hesron og Karmi. **4**
Sønerne åt Joel var Semaja, son hans; hans son
var Gog; hans son var Sime'i, **5** hans son var Mika,
hans son Reaja, hans son Ba'al, **6** hans son Be'era,
som Tilgat-Pilneser, kongen i Assyria, førde burt til
fange; han var hovding for rubenitarne. **7** Og då
brørne hans med sine ætter vart uppskrivne i ættarlista
etter sine ættgreiner, var det desse: Je'iel, hovdingen,

og Zakarja, **8** og Bela, son åt Azaz, son åt Sema,
son åt Jo'el; han budde i Aroer, og bustaderne hans
nådde radt til Nebo og Ba'al-Meon. **9** Og austetter
nådde bustaderne hans alt fram åt øydemarki som
rekk frå Eufratelvi; for dei hadde store flokkar med fe
i Gileadlandet. **10** Men i Sauls dagar låg dei i strid
med hagarenarne, som då fall for handi deira; so sette
dei seg til i tjeldbuderne deira etter heile austsida åt
Gilead. **11** Og Gads-sønerne budde midt imot deim
i Basanlandet alt til Salka: **12** Joel, hovdingen, og
di næst Safan, og so Janai og Safat i Basan. **13**
Og brørne deira, etter sine ættgreiner, var Mikael og
Mesullam og Seba og Jorai, Jakan, Zia og Eber, sju i
talet. **14** Desse var søner åt Abiha'il, son åt Huri, son
åt Jaroah, son åt Gilead, son åt Mikael, son åt Jesisai,
son åt Jahdo, son åt Buz. **15** Ahi, son åt Abdiel, son åt
Guni, var ættarhovdingen deira. **16** Og dei budde i
Gilead i Basan og i dei bygderne som låg ikring, og
på alle utmarkerne i Saron, so langt som dei rakk. **17**
Alle desse vart uppskrivne i ættarlista i den tidi då
Jotam var konge i Juda, og då Jeroboam var konge i
Israel. **18** Rubens-sønerne og gaditarne og helvti av
Manasse-ætti, dei som var stridsføre og bar skjold og
sverd og spente boge og var stridskunnige, var fire og
fyrti tusund sju hundrad og seksti våpnføre menner.
**19** Og dei hadde ufred med hagarenarne og Jetur og
Nafis og Nodab. **20** Og dei fekk siger i striden, so
hagarenarne og alle som var med deim, kom i deira
hender; for dei ropa til Gud i striden, og han høyrde
bøni deira, av di dei leit på honom. **21** Og dei førde
burt til herfang feet deira, femti tusund kamelar og tvo
hundrad og femti tusund sauer og tvo tusund asen,
og hundrad tusund mann. **22** For det hadde vore eit
stort mannefall, etter di striden var ifrå Gud. Og dei
budde i landet deira alt til burtføringi. **23** Sønerne åt
helvti av Manasse-ætti budde og der i landet frå Basan
alt til Ba'al-Hermon og Senir og Hermonfjellet, og dei
var mangmente. **24** Og desse var ættarhovdingarne
deira: Efer og Jisi, Eliel og Azriel, Jirmeja og Hodavja
og Jahdiel, stridsføre hermenner, namngjetne menner,
hovdingar for ættgreinene sine. **25** Men dei var utrue
mot fedreguden og heldt seg med gudarne åt det folket
der i landet som Gud hadde tynt for augo deira. **26**
Då øste Israels Gud upp hugen hjå assyrarkongen
Pul og assyrarkongen Tilgat-Pilneser, og han førde
deim burt, rubenitarne og gaditarne og eine helvti av
Manasse-ætti, og flutte deim til Halah og Habor og
Hara og Gozanelvi, og der dei er den dag i dag.

**6** Sønerne hans Levi var Gerson, Kehat og Merari.
**2** Sønerne hans Kahat var Amram og Jishar og
Hebron og Uzziel. **3** Og borni hans Amram var Aron
og Moses og Mirjam. Og sønerne åt Aron var Nadab
og Abihu, Eleazar og Itamar. **4** Eleazar fekk sonen
Pinehas; Pinehas fekk sonen Abisua, **5** og Abisua fekk
sonen Bukki, og Bukki fekk sonen Uzzi, **6** og Uzzi
fekk sonen Zerahja, og Zerahja fekk sonen Merajot;
**7** Merajot fekk sonen Amarja, og Amarja fekk sonen
Ahitub, **8** og Ahitub fekk sonen Sadok, og Sadok fekk
sonen Ahima'as, **9** og Ahima'as fekk sonen Azarja, og
Azarja fekk sonen Johanan; **10** Johanan fekk sonen
Azarja; det var han som var prest i det huset Salomo
bygde i Jerusalem. **11** Og Azarja fekk sonen Amarja,
og Amarja fekk sonen Ahitub, **12** og Ahitub fekk sonen
Sadok, og Sadok fekk sonen Sallum, **13** og Sallum
fekk sonen Hilkia, og Hilkia fekk sonen Azarja, **14**
og Azarja fekk sonen Seraja, og Seraja fekk sonen
Josadak. **15** Men Josadak laut ganga med då Herren
let Nebukadnessar føra Juda og Jerusalem i utlægd.
**16** Sønerne åt Levi var Gerson, Kahat og Merari. **17**
Og dette var namni på sønerne hans Gersom: Libni
og Sime'i. **18** Og sønerne hans Kahat var Amram og
Jishar og Hebron og Uzziel. **19** Sønerne hans Merari
var Mahli og Musi. Dette var levitætterne etter federne
deira. **20** Frå Gersom var Libni, son hans, ætta; hans
son var Jahat, hans son Zimma, **21** hans son Joah,
hans son Iddo, hans son Zerah, hans son Jeatrai. **22**
Sønerne åt Kahat var: Amminadab, son hans; hans
son var Korah; hans son Assir; **23** hans son Elkana,
hans son Ebjasaf, hans son Assir; **24** hans son Tahat,
hans son Uriel, hans son Uzzia, og hans son Saul.
**25** Sønerne hans Elkana var Amasai og Ahimot. **26**
Elkana - hans son var Elkana; hans son var Elkana-
Sofai; hans son Nahat; **27** hans son Eliab; hans son
Jeroham; hans son var Elkana. **28** Sønerne hans
Samuel var Vasni, som var eldst, og Abia. **29** Son hans
Merari var Mahli; hans son var Libni; hans son Sime'i;
hans son Uzza; **30** hans son Simea; hans son Haggia;
hans son Asaja. **31** So var det dei som David sette til å
greida med songen i Herrens hus, etter at kista hadde
fenge ein kvilestad. **32** Dei gjorde tenesta med song
framfor møtetjeldhuset, alt til Salomo bygde Herrens
hus i Jerusalem; dei stod der og gjorde sitt arbeid
etter dei fyresegner dei hadde fenge. **33** Dei som
gjorde denne tenesta, og sønerne deira, var desse: Av
kahatitsønerne: Heman, songaren, son åt Joel, son åt
Samuel, **34** son åt Elkana, son åt Jeroham, son åt
Eliel, son åt Toah, **35** son åt Sif, son åt Elkana, son åt
Mahat, son åt Amasai, **36** son åt Elkana, son åt Joel,
son åt Azarja, son åt Sefanja, **37** son åt Tahat, son åt
Assir, son åt Ebjasaf, son åt Korah, **38** son åt Jishar,
son åt Kahat, son åt Levi, son åt Israel. **39** Dinæst
Asaf, bror hans, som stod på høgre sida hans, Asaf,
son åt Berekja, son åt Simea, **40** son åt Mikael, son åt
Ba'aseja, son åt Malkia, **41** son åt Etni, son åt Zerah,

son åt Adaja, **42** son åt Etan, son åt Zimma, son åt
Sime'i, **43** son åt Jahat, son åt Gersom, son åt Levi. **44**
Og brørne deira, Merari-sønerne, stod på den vinstre
sida: Etan, son åt Kisi, son åt Abdi, son åt Malluk, **45**
son åt Hasabja, son åt Amasja, son åt Hilkia, **46** son åt
Amsi, son åt Bani, son åt Semer, **47** son åt Mahli, son
åt Musi, son åt Merari, son åt Levi. **48** Og brørne deira,
levitarne, var sette til alt slag tenesta i huset, Guds hus.
**49** Men Aron og sønerne hans ofra på brennofferaltaret
og på røykjelsealtaret og skulde greida alle gjeremål i
det høgheilage romet og gjera soning for Israel, i alle
måtar so som Moses, Guds tenar, hadde sagt fyre. **50**
Desse var sønerne åt Aron: Eleazar, son hans; son
hans var Pinehas; hans son var Abisua; **51** hans son
var Bukki; hans son var Uzzi; hans son var Zerahja;
**52** hans son var Merajot; hans son var Amarja; hans
son var Ahitub; **53** hans son var Sadok; hans son
var Ahima'as. **54** Og bustaderne deira, etter tjeldlægri
innanfor umkverven deira, var dei som her kjem. Dei
gav Arons-sønerne av kahatitætti - som fyrste luten
fall på - **55** Hebron i Judalandet, og utmarki som låg
ikring. **56** Men åkerlandet og gardarne som høyrde til
byen, gav dei Kaleb Jefunneson. **57** Arons-sønerne
gav dei soleis fredsstaderne Hebron og Libna, og Jattir
og Estemoa **58** og Hilen og Debir **59** og Asan og Bet-
Semes, alle desse byarne med bumarki som høyrde
til, **60** og i Benjaminsfylket Geba og Allemet og Anatot
med bumarki som høyrde til; det var i alt trettan byar
etter ætterne deira. **61** Og dei andre Kehats-sønerne
gav dei ti byar i det eine halve Manassefylket, og let
deim draga strå um deim. **62** Og Gersoms-sønerne og
ættgreinene deira fekk trettan byar hjå Issakars-ætti,
Assers-ætti, Naftali-ætti, og Manasse-ætti i Basan. **63**
Merari-sønerne og ættgreinene deira fekk tolv byar hjå
Rubens-ætti og Gads-ætti og Sebulons-ætti, og let
deim draga strå um deim. **64** Dess byarne med bumarki
som høyrde til, gav Israels-sønerne åt levitarne. **65** Dei
gav deim desse byarne, som dei nemde på namn, i
Judafylket, Simeonsfylket og i Benjaminsfylket, og let
deim draga strå um deim. **66** Og nokre av greinerne
i Kahats-ætti fekk desse byarne i Efraimsfylket: **67**
Fredstaderne Sikem på Efraimsfjellet og Gezer **68**
og Jokmeam og Bet-Horon **69** og Ajjalon og Gat-
Rimmon, **70** og i det eine halve Manassefylket Aner og
Bileam, med bumarki som høyrde kvar by til. Dette
fekk dei hine greinerne av Kahats-ætti. **71** Gersoms-
sønerne fekk i det andre halve Manassefylket Golan i
Basan og Astarot, med bumarki som høyrde til, **72** og i
Issakarsfylket Kedes og Dobrat **73** og Ramot og Anem,
med bumarki som høyrde til, **74** og i Assersfylket Masal
og Abdon **75** og Hukok og Rehob, med bumarki som
høyrde til, **76** og i Naftalifylket Kedes i Galilæa, og
Hammon og Kirjatajim, med bumarki som høyrde kvar
by til. **77** Dei hine Merari-sønerne fekk i Sebulonsfylket
Rimmono og Tabor, med bumarki som høyrde til, **78** og
på hi sida Jordan ved Jeriko, austanfor Jordan, fekk
dei i Rubensfylket Beser i øydemarki og Jahsa **79** og
Kedemot og Mefa'at, med bumarki som høyrde til, **80**
og i Gadsfylket Ramot i Gilead og Mahanajim **81** og
Hesbon og Jazer, med bumarki som høyrde til.

**7** Og sønerne åt Issakar var Tola og Pua, Jasib
og Simron, fire i talet. **2** Sønerne hans Tola var
Uzzi og Refaja, Jeriel, Jahmai, Jibsam og Samuel,
hovdingar for ættgreinerne sine, som var ætta frå
Tola, stridsføre hermenner, uppskrivne etter sine ætter.
Talet på deim var i Davids tid tvo og tjuge tusund og
seks hundrad. **3** Sønerne åt Uzzi var Jizrahja, og
sønerne åt Jisrahja var Mikael og Obadja og Joel og
Jissia, ættarhovdingar alle fem. **4** Og med deim fylgde
herbudde flokker, seks og tretti tusund mann, etter sine
ætter og ættgreiner; for dei hadde mange konor og
born. **5** Og frendarne deira i alle Issakars-ætterne var
stridsføre hermenner; i alt var dei sju og åtteti tusund
mann som var uppskrivne i ættarlista deira. **6** Sønerne
åt Benjamin var Bela og Beker og Jediael, tri i talet.
**7** Og sønerne hans Bela var Esbon og Uzzi, Uzziel,
Jerimot og Iri, fem i talet, ættarhovdingar, stridsføre
hermenner, og i ættarlista deira stod det tvo og tjuge
tusund og fire og tretti. **8** Sønerne hans Beker var
Zemira og Joas, Eliezer og Eljoenai, Omri og Jeremot,
Abia og Anatot og Alemet; dei var søner åt Beker alle i
hop. **9** I ættarlista deira etter ætterne, ættarhovdingarne
og stridsføre hermenner, var dei tjuge tusund og tvo
hundrad mann. **10** Sønerne åt Jediael var Bilhan, og
sønerne hans Bilhan var Je'is og Benjamin og Ehud,
Kena'ana og Zetan, Tarsis og Ahisahar. **11** Alle desse
var søner åt Jediael, uppskrivne etter hovdingarne for
ættgreinerne sine, stridsføre hermenner, syttan tusund
og tvo hundrad våpnføre menner. **12** Og Suppim og
Huppim var sønerne åt Ir. Men Husim var sønerne åt
Aher. **13** Sønerne åt Naftali var Jahsiel, Guni, Jeser og
Sallum, sønerne hennar Bilha. **14** Sønerne åt Manasse:
Asriel som kvinna åtte; den syriske fylgjekona hans
åtte Makir, far hans Gilead. **15** Og Makir tok ut kona
åt Huppim og Suppim. Syster hans heitte Ma'aka.
Og den andre heitte Selofhad. Og Selofhad hadde
døtter. **16** Og Ma'aka, kona hans Makir, åtte ein son og
gav honom namnet Peres, og hans bror heitte Seres.
Sønerne hans var Ulam og Rekem. **17** Son åt Ulam var
Bedan. Desse var søner åt Gilead, son åt Makir, son åt
Manasse. **18** Og syster hans var Hammoleket; ho åtte
Ishod og Abiezer og Mahla. **19** Og sønerne åt Semida
var Ahjan og Sekem og Likhi og Aniam. **20** Og sønerne
åt Efraim var Sutelah - hans son var Bered, hans son

Tahat, hans son Elada, hans son Tahat, 21 hans son
Zabad, og hans son Sutelah - og so Ezer og Elad. Og
menner frå Gat, som var heimefolket der i landet, drap
deim, for di dei hadde fare ned og vilde rana feet deira.
22 Då syrgde Efraim, far deira, i lang tid, og brørne
hans kom og vilde trøysta honom. 23 Og han gjekk inn
til kona si, og ho vart med barn og åtte ein son, som
han kalla Beria, for di dette hende i ei ulukketid for
huset hans. 24 Dotter hans var Se'era; ho bygde Nedre
og Øvre Bet-Horon og Uzzen-Se'era. 25 Og son hans
var Refa, og hans søner var Resef og Telah; hans son
var Tahan, 26 hans son Ladan, hans son Ammihud,
hans son Elisama, 27 hans son Non, hans son Josva.
28 Og odelslandet og bustaderne deira var Betel med
bygderne ikring, og i aust Na'aran, i vest Gezer med
bygderne ikring og Sikem med bygderne ikring alt til
Gaza med bygderne ikring. 29 Men Manasse-sønerne
hadde Bet-Sean med bygderne ikring, Ta'anak med
bygderne ikring, Megiddo med bygderne ikring, Dor
med bygderne ikring. I desse budde sønerne åt Josef
Israelsson. 30 Sønerne åt Asser var Jimna og Jisva,
Jisvi og Beria, og Serah var syster deira. 31 Sønerne
åt Beria var Heber og Malkiel; han var far åt Birzait. 32
Og Heber fekk sonen til Jaflet, og Somer og Hotam,
og Sua, syster deira. 33 Og sønerne hans Jaflet var
Pasak og Bimhal og Asvat; desse var sønerne åt
Jaflet. 34 Sønerne hans Semer var Ahi og Rohga,
Jehubba og Aram. 35 Sønerne åt Helem, bror hans,
var Sofah og Jimna og Seles og Amal. 36 Sønerne
åt Sofah var Suah og Harnefer og Sual og Beri og
Jimra, 37 Beser og Hod og Samma og Silsa og Jitran
og Be'era. 38 Sønerne åt Jeter var Jefunne og Pispa
og Ara. 39 Sønerne åt Ulla var Arah og Hanniel og
Risja. 40 Alle desse var søner åt Asser, hovdingar for
ættgreinerne sine, utvalde stridsføre hermenner, dei
høgste hovdingarne; og dei som stod i ættarlista og var
duglege hermenner, var seks og tjuge tusund i talet.

**8** Og Benjamin fekk sonen Bela, som var eldst;
Asbel var den andre og Ahrah den tridje, 2 Noha
den fjorde, og Rafa den femte. 3 Bela hadde desse
sønerne: Addar og Gera og Abihud 4 og Abisua
og Na'aman og Ahoah 5 og Gera og Sefufan og
Huram. 6 Og desse var sønerne åt Ehud - og dei var
ættarhovdingar for Geba-buarne som vart burtførde til
Manahat, 7 dit Na'aman og Ahia og Gera, førde deim -
: han fekk sønerne Uzza og Ahihud. 8 Og Saharajim
fekk born i Moablandet etter han hadde sendt frå seg
Husim og Ba'ara, konorne sine. 9 Med Hodes, kona si,
fekk han sønerne Jobab og Sibja, Mesa og Malkam
10 og Je'us og Sakja og Mirma; desse var sønerne
hans, ættarhovdingar. 11 Med Husim hadde han fenge
Abitub og Elpa'al. 12 Og sønerne hans Elpa'al var
Eber og Misam og Semed. Det var han som bygde
Ono og Lod og bygderne ikring - 13 og Beria og Sema
var ættarhovdingarne for Ajjalon-buarne og dreiv burt
Gat-buarne, 14 og Ahjo, Sasak og Jeremot 15 og
Zebadja og Arad og Eder, 16 Mikael og Jispa og Joha
var søner åt Beria. 17 Og Zebadja, Mesullam, Hizki,
Heber, 18 Jismerai, Jizlia og Jobab var sønerne hans
Elpa'al. 19 Og Jakim, Zikri, Zabdi, 20 Elienai og Silletai
og Eliel, 21 Adaja, Beraja og Simrat var sønerne hans
Sime'i. 22 Jispan, Eber, Eliel, 23 Abdon, Zikri, Hanan,
24 Hananja, Elam, Antotia, 25 Jifdeja og Penuel var
sønerne hans Sasak. 26 Og Samserai, Seharja, Atalja,
27 Ja'aresja, Elia og Zikri var sønerne hans Jeroham.
28 Desse var hovdingar for ættgreiner, hovdingar etter
si ætt; dei budde i Jerusalem. 29 I Gibeon budde far åt
Gibeon, og kona hans heitte Ma'aka. 30 Og den fyrste
son hans var Abdon; deretter Sur og Kis og Ba'al og
Nadab 31 og Gedor, Ahjo og Zeker. 32 Men Miklot
fekk sonen Simea. Dei og budde i lag med brørne sine
i Jerusalem, midt fyre brørne sine. 33 Og Ner fekk
sonen Kis, og Kis fekk sonen Saul, og Saul vart far åt
Jonatan og Malkisua, Abinadab og Esba'al. 34 Son åt
Jonatan heitte Meribba'al, og Meribba'al fekk sonen
Mika. 35 Sønerne hans Mika var Piton, Melek, Tarea
og Ahaz. 36 Ahaz fekk sonen Joadda, og Joadda
fekk sønerne Alemet, Azmavet og Zimri, og Zimri var
far åt Mosa. 37 Mosa vart far åt Bina. Hans son var
Rafa; hans son var Elasa; hans son var Asel. 38 Og
Asel hadde seks søner, og namni deira var Azrikam,
Bokeru, Ismael, Searja, Obadja og Hanan. Alle desse
var søner åt Asel. 39 Og sønerne åt Esek, bror hans,
var Ulam, som var eldst, Je'us, den andre, og Elifelet,
den tridje. 40 Og sønerne hans Ulam var stridsføre
hermenner, som spente boge, og dei hadde mange
søner og sonesøner, hundrad og femti i talet. Alle
desse var Benjamins-søner.

**9** Og heile Israel vart innførte i ættarlista, og no er dei
uppskrivne i boki åt Israels-kongarne. Og Juda vart
førd i utlægd til Babel for sin utruskap skuld. 2 Men
det fyrre landsfolket som budde på eigedomen sin, i
byarne sine; var vanlege israelitar, prestar, levitar og
tempelsveinar. 3 I Jerusalem budde nokre av Juda-
sønerne, av Benjamins-sønerne og av Efraims- og
Manasse-sønerne; det var: 4 Utai, son åt Ammihud,
son åt Omri, son åt Imri, son åt Bani, av borni åt
Peres Judason; 5 av silonitarne: Asaja, den eldste,
og sønerne hans; 6 og av Zerahs-sønerne: Je'uel og
brørne deira, seks hundrad og nitti; 7 av Benjamins-
sønerne: Sallu, son åt Mesullam, son åt Hodavja, son
åt Hassenua, 8 og Jibneja, son åt Jeroham, og Ela,

son åt Uzzi, son åt Mikri, og Mesullam, son åt Sefatja,
son åt Re'uel, son åt Jibnija, 9 og brørne deira etter
ætterne sine, ni hundrad og seks og femti. Alle desse
mennerne var hovdingar for ættgreiner, kvar for si
ættgrein. 10 Og av prestarne: Jedaja og Jojarib og
Jakin 11 og Azarja, son åt Hilkia, son åt Mesullam, son
åt Sadok, son åt Merajot, son åt Ahitub, hovdingen
i Guds hus, 12 og Adaja, son åt Jeroham, son åt
Pashur, son åt Malkia, og Masai, son åt Adiel, son åt
Jahzera, son åt Mesullam, son åt Mesillemit, son åt
Immer, 13 og brørne deira, hovdingar for ættgreinerne
sine, eitt tusund og sju hundrad og seksti, dugande
menner til å gjera tenesta i Guds hus. 14 Og av
levitarne: Semaja, son åt Hassub, son åt Azrikam, son
åt Hassabja, av Merari-sønerne, 15 og Bakbakkar,
Heres og Galal og Mattanja, son åt Mika, son åt Zikri,
son åt Asaf, 16 og Obadja, son åt Semaja, son åt Galal,
son åt Jedutun, og Berekja, son åt Asa, son åt Elkana,
som budde i netofatit-bygderne. 17 Og dørvaktarane:
Sallum og Akkub og Talmon og Ahiman og brørne
deira; Sallum var hovdingen. 18 Og endå vaktar dei
kongeporten, på austsida. Desse var dørvaktarar i
levitlægri. 19 Men Sallum, son åt Kore, son åt Ebjasaf,
son åt Korah, og brørne hans som var av ættgreini
hans, korahitarne, hadde den tenesta å halda vakt
ved dørstokken til tjeldet; for federne deira hadde
vakta inngangen til Herrens læger. 20 Og Pinhas,
son åt Eleazar, var i gamle dagar forstandaren deira;
Herren var med honom! 21 Zakarja, son åt Meselemja,
var dørvaktar ved møtetjelddøri. 22 Alle desse var
utvalde til dørvaktarar, tvo hundrad og tolv mann. Dei
var uppskrivne i ættarlista i bygderne sine. David og
sjåaren Samuel hadde sett deim til å tena på tru og
æra. 23 Dei og sønerne deira stod difor ved dørerne åt
Herrens hus, tjeldhuset, og heldt vakt. 24 Etter dei fire
himmelætterne stod dørvaktarane, mot aust, mot vest,
mot nord og mot sud. 25 Og brørne deira, som budde i
bygderne sine, skulde møta fram hjå deim sjuande
kvar dag, og alltid på same timen. 26 For desse fire var
på tru og æra sette formenner for dørvaktarane. Dette
var no levitarne. Dei hadde og tilsyn med kovarne og
buderne i Guds hus. 27 Og dei heldt til rundt ikring
Guds hus um natti; for det låg på deim å halda vakt,
og dei skulde lata upp dørerne kvar morgon. 28 Sume
av deim såg til med arbeidsgognerne. Dei tok då tal
på deim, både når dei bar deim inn, og når dei bar
deim ut. 29 Og sume av deim var sette til å hava tilsyn
med dei andre gognerne, alle dei andre gognerne
i heilagdomen, og med det fine mjølet og vinen og
oljen og røykjelsen og kryddorne. 30 Men nokre av
prestesønerne laga kryddesalven. 31 Og Mattitja, ein
av levitarne, eldste son åt korahiten Sallum, hadde på
tru og æra tilsynet med brødbakstren. 32 Og nokre
av kahatitarne, brørne deira, såg til med skodebrødi
og skulde laga deim til for kvar kviledag. 33 Dette var
songarane, hovdingar for levitættar; dei slapp å gjera
anna arbeid, og heldt til i kovarne; for dei laut halda
på med sine eigne gjeremål natt og dag. 34 Dette
var hovdingar for ættgreinerne av levitarne, hovdingar
etter si ætt; dei budde i Jerusalem. 35 I Gibeon budde
Je'uel, far hans Gibeon, og kona hans heitte Ma'aka.
36 Og den fyrste son hans var Abdon; og so Sur,
Kis, Ba'al, Ner og Nadab, 37 Gedor og Ahjo, Zakarja
og Miklot. 38 Men Miklot fekk sonen Simeam. Dei
og budde i lag med brørne sine i Jerusalem, midt
fyre brørne sine. 39 Og Ner fekk sonen Kis, og Kis
fekk sonen Saul, og Saul fekk sønerne Jonatan og
Malkisua, Abinadab og Esba'al. 40 Son åt Jonatan
var Meribba'al, og Meribba'al fekk sonen Mika. 41
Sønerne hans Mika var Piton og Melek og Tahrea. 42
Ahaz fekk sonen Jara, og Jara fekk sønerne Alemet,
Azmavet og Zimri, og Zimri fekk sonen Mosa. 43 Mosa
fekk sonen Bina. Hans son var Refaja; hans son var
Elasa; hans son var Asel. 44 Og Asel hadde seks
søner, og namni deira var: Azrikam, Bokeru, Ismael,
Searja, Obadja og Hanan. Dette var sønerne åt Asel.

**10** Og filistarane stridde mot Israel, og Israels-
mennerne flydde for filistarane, og det vart
liggjande mange falne på Gilboafjellet. 2 Og filistarane
sette etter Saul og sønerne hans, og då felte dei
Jonatan og Abinadab og Malkisua, sønerne hans
Saul. 3 Då dei no søkte hardt innåt Saul sjølv, og
bogeskyttarane kom yver han, og han fekk ein støkk i
seg for skyttarane. 4 Og Saul sagde til våpnsveinen
sin: «Drag ut sverdet ditt og stikk det igjenom meg, so
ikkje desse u-umskorne skal koma og fara ille med
meg!» Men våpnsveinen hans vilde ikkje; for han var
ovleg rædd. Då tok Saul sjølv sverdet og stupte seg
på det. 5 Men då våpnsveinen såg at Saul var dåen,
stupte han seg og på sitt sverd og døydde. 6 So
døydde då Saul og dei tri sønerne hans; og dei som
høyrde til hans hus, døydde alle i ein gong. 7 Då so
alle dei Israels-mennerne som var i dalen, såg at dei
hadde flytt, og at Saul og sønerne hans var falne, so
for dei frå byarne sine og rømde undan, og so kom
filistarane og slo seg ned i deim. 8 Andre dagen kom
filistarane og skulde plundra liki, og dei fann då Saul
og sønerne hans liggjande på Gilboafjellet. 9 Og dei
plundra honom, og tok med seg hovudet og våpni hans
og sende deim ikring i Filistarlandet, og kunngjorde
gledebodet for avgudarne sine og for folket. 10 Og dei
lagde våpni hans i gudshuset sitt; men hausen hans
feste dei i Dagons-templet. 11 Då heile Jabes i Gilead

høyrde alt det som filistarane hadde gjort med Saul, 12 drog dei av, alle våpnføre menner, og tok liket åt Saul og liket åt sønerne hans og førde deim til Jabes, og jorda beini deira under eiki i Jabes og heldt fasta i sju dagar. 13 So let Saul livet for sin utruskap mot Herren, med di han ikkje hadde fylgt Herrens ord, og like eins for di han hadde spurt ei som mana fram draugar og søkt råd hjå henne. 14 Han hadde ikkje søkt råd hjå Herren; difor let Herren honom døy, og sidan let han David Isaison få kongedømet.

**11** Då kom heile Israel i hop hjå David i Hebron og sagde: «Du veit me og du er same folket. 2 Alt longe sidan, då Saul endå var konge, var du den som førde Israel. Og til deg hev Herren din Gud, sagt: «Du skal vera ein hyrding for Israel, folket mitt, ja, du skal vera ein hovding yver mitt folk Israel.»» 3 Då so alle styresmennerne i Israel kom til kongen i Hebron, gjorde David eit samband med deim der i Hebron for Herrens åsyn, og sidan salva dei David til konge yver Israel, etter Herrens ord gjenom Samuel. 4 Og David for med heile Israel til Jerusalem, det er Jebus; der var jebusitarne, som endå var att i landet. 5 Og Jebus-buarne sagde til David: «Du kjem ikkje inn her.» Men David tok like vel Sionsborgi, det er Davidsbyen. 6 Og David sagde: «Den som fyrst drep ein jebusit, kven det so er, han skal verta hovding og herførar.» Og Joab, son åt Seruja, kom fyrst upp, og vart då hovding. 7 Sidan sette David seg til i borgi; difor kalla dei henne Davidsbyen. 8 Og han bygde byen rundt umkring, frå Millo og heilt ikring, og Joab bygde upp att det andre av byen. 9 Og Davids velde auka Davids velde stødt og stendigt, og Herren, allhers drott, var med honom. 10 Og dette er dei gjævaste kjemporne hans David, som gav honom kraftig hjelp, i lag med heile Israel, til å verta konge, til å gjeva honom kongedømet hans, etter Herrens ord um Israel. 11 Dette er talet på kjemporne hans David: Jasobam, son til hakmoniføraren for kjemporne; han svinga spjotet sitt yver tri hundrad, som vart drepne i ein gong. 12 Og etter han kom Eleazar, son åt Dodo, ahohiten; han var ein av dei tri kjemporne. 13 Han var med David i Pas-Dammim, då filistarane hadde kome saman til strid, og der var ein åkerlapp fullgrodd med bygg; og folket rømde for filistarane. 14 Då stødte dei seg upp midt på åkerleppen og varde honom og hogg ned filistarane, og Herren gav deim soleis ein stor siger. 15 Ein gong for tri av dei tretti hovdingarne nedetter berget til David ved Adullams-helleren, medan ein flokk med filistar hadde lægra seg i Refa'imsdalen. 16 Men David var den gongen i borgi, og ein av filistarvaktpost var då i Betlehem. 17 Då fekk David brått ein sterk hug og sagde: «Å um einkvan vilde gjeva meg vatn å drikka utor brunnen som er attmed porten i Betlehem!» 18 Då slo dei tri seg gjenom filistarlægret og auste vatn utor brunnen ved porten i Betlehem, og tok og bar det åt David. Men David vilde ikkje drikka det, men helte det ut for Herren. 19 For han sagde: «Gud late det aldri koma i mine tankar at eg skulde gjera slikt! Skulde eg drikka blodet av desse mennerne som hev våga livet? For med livs vågnad hev dei bore det hit.» Han vilde ikkje drikka det. Dette hadde dei tri kjemporne gjort. 20 Absai, bror hans Joab, var føraren for dei tri; han svinga spjotet sitt yver tri hundrad, som vart drepne. Og han var namngjeten millom dei tri. 21 Han var ein gong til so mykje vyrd som nokon annan i dette tritalet, og han var hovdingen deira; men endå nådde han ikkje upp til dei tri fyrste. 22 Benaja, son hans Jojada, som var son åt ein djerv og dådrik mann frå Kabse'el, han drap dei tvo Arielarne i Moab, og det var han som steig ned i brunnen ein snøversdag og slo i hel ei løva der. 23 Han felte og den risestore egyptaren som var fem alner høg. Endå egyptaren hadde eit spjot i handi som liktest stor-riven i ein vev, so gjekk han imot honom, og hadde ikkje anna til verja enn staven sin. Og han rykte spjotet ut or handi på egyptaren og drap honom med hans eige spjot. 24 Dette hadde Benaja Jojadason gjort. Og han var namngjeten millom dei tri kjemporne. 25 Ja, han var meir vyrd enn nokon av dei tretti; men upp til dei tri fyrste nådde han ikkje. Og David sette honom til hovding yver livvakti si. 26 Dei djerve herkjemporne var desse: Asael, bror åt Joab, Elhanan, son åt Dodo, frå Betlehem. 27 Sammot, haroriten. Heles, peloniten, 28 Ira, son åt Ikkes, frå Tekoa, Abiezer frå Anatot, 29 husatiten Sibbekai, ahohiten Ilai, 30 Maharai frå Netofa, Heled, son åt Ba'ana, frå Netofa, 31 Itai, son åt Ribai, frå Gibea i Benjaminsfylket, Benaja frå Piraton, 32 Hurai frå Ga'asdalarne, Abiel frå Arba, 33 Azmavet frå Baharum, Eljahba, sa'alboniten, 34 Bene-Hasem, gizoniten, Jonatan, son åt Sage, hararíten, 35 Ahiam, son åt Sakar, hararíten, Elifal, son åt Ur, 36 Hefer, mekeratiten, Ahia, peloniten, 37 Hesro frå Karmel, Na'arai, son åt Ezbai, 38 Joel, bror åt Natan, Mibhar, son åt Hagri, 39 Selek, ammoniten, Nahrai frå Berot, våpnsvein åt Joab Serujason, 40 Ira frå Jeter, Gareb frå Jeter, 41 Uria, hetiten, Zabad, son åt Ahlai, 42 Adina, son åt Siza, rubeniten, ein hovding millom rubenitarne, og umfram honom tretti andre, 43 Hanan, son åt Ma'aka, og Josafat, mitniten, 44 Uzzia frå Astera, Sama og Je'uel, søner åt Hotam, aroeriten, 45 Jediael, son åt Simri, og Joha, bror hans, tisiten, 46 Eliel Hammahavim og Jeribai og Josavja, søner åt Elna'am, og Jitma, moabiten, 47 Eliel, Obed og Ja'asiel Hammesobaja.

**12** Og dette er dei som kom til David i Siklag, medan
han endå heldt seg undan Saul Kisson; dei var
av dei kjemporne som hjelpte han i striden. **2** Dei
var væpna med boge og føre til å slyngja stein og
skjota piler frå bogen, både med høgre og vinstre
handi. Av ættefrendarne hans Saul, av Benjamins-
folket, var desse: **3** Ahiezer, den hævaste, og Joas,
søner åt Sema'a frå Gibea, Jezuel og Pelet, sønerne
åt Azmavet, og Beraka, og Jehu frå Anatot, **4** Jismaja
frå Gibeon, ein av dei tretti kjemporne og hovding for
dei tretti, Jirmeja og Jahaziel og Johanan og Josabad
frå Gedera, **5** Eluzai og Jerimot og Bealja og Semarja
og Sefatja frå Harif, **6** Elkana og Jissa og Azarel og
Joezer og Jasobam, korahitarne, **7** Joela og Zebadja,
søner til Jeroham, frå Gedor. **8** Og av gaditarne
var det nokre som fall ifrå og gav seg med David i
fjellborgi i øydemarki; det var djerve menner, herføre
stridsmenner, væpna med skjold og spjot. Dei hadde
ei uppsyn som løvor, og var rappe som gasellor på
fjellet. **9** Ezer var den hævaste; Obadja var den andre,
Eliab den tridje, **10** Mismanna den fjorde, Jirmeja
den femte, **11** Attai den sette, Eliel den sjuande, **12**
Johanan den åttande, Elzabad den niande, **13** Jirmeja
den tiande, Makbannai den ellevte. **14** Desse var av
Gads-sønerne og av dei hævaste i heren; den ringaste
av deim var like god åleine som hundrad mann, og den
gjævaste jamngod med tusund. **15** Det var dei som
gjekk yver Jordan den fyrste månaden då elvi gjekk
yver breidderne, og som jaga av alle dalbuarne mot
aust og mot vest. **16** Av Benjamins- og Juda-sønerne
kom det nokre menner til David alt til fjellborgi. **17** Då
gjekk David ut imot deim, og tok til ords og sagde til
dei: «I fall de er meinte på fred og vil hjelpa meg, so
er hugen min reidug til semja med dykk. Men kjem
de og vil gjeva meg yver til fiendarne mine, endå det
ingen urett er i mine hender, då sjå fedreguden vår
på det og refse det!» **18** Men anden greip Amasai,
den hævaste av dei tretti, og han sagde: «Deg, David,
høyrer me til, og i lag med deg, Isaisonen, vil me
standa. Fred, fred vere med deg, og fred vere med
hjelpesmennerne dine! For din Gud hev hjelpt deg.»
Då tok David imot deim og sette deim til hovdingar
yver herflokken. **19** Av Manasse var det og nokre
som gav seg med David då han drog ut i lag med
filistarane til strid mot Saul, endå han sidan ikkje fekk
hjelpa deim; for då filisterhovdingarne hadde halde
samråd, sende dei honom burt, med di dei sagde: «Det
stend um hovudet for oss um han gjeng yver til Saul,
herren sin.» **20** Då han so for til Siklag, gav desse av
Manasse seg med honom: det var Adna, Jozabad,
Jediael, Mikael, Jozabad, Elihu og Silletai, hovdingar
for dei herflokkarne som høyrde til Manasse. **21** Desse
hjelpte David mot røvarflokkarne; for dei var djerve
hermenner alle saman, og dei vart hovudsmenner i
heren. **22** For det kom dagstødt folk til David som vilde
hjelpa honom, so herlægret hans til slutt vart ovleg
stort, som eit Guds herlæger. **23** Dette er talet på dei
stridsbudde hermennerne som kom til David i Hebron
og vilde gjeve honom Sauls kongedøme i hende etter
Herrens bod: **24** Juda-sønerne som bar skjold og spjot,
seks tusund og åtte hundrad herbudde menner; **25**
Simeons-sønerne, stridsføre hermenner, sju tusund og
eit hundrad; **26** av Levi-sønerne fire tusund og seks
hundrad; **27** og dertil Jojada, hovdingen for Arons-
ætti, og tri tusund og sju hundrad mann med honom,
**28** og Sadok, ein våpndjerv ungdom, og ætti hans,
tvo og tjuge hovdingar; **29** av Benjamins-sønerne,
ættefrendarne hans Saul, tri tusund; for mengdi av
deim heldt seg endå trutt til Sauls hus i den tidi; **30** av
Efraims-sønerne tjuge tusund og åtte hundrad herføre
stridsmenner, namngjetne menner i ætterne sine; **31**
av eine helvti av Manasse-ætti attan tusund, som var
nemde med namn og kom og skulde gjera David til
konge; **32** av Issakars-sønerne slike menner som
hadde skyn på tidartekni, og visste kva Israel burde
gjera; det var tvo hundrad hovdingar, og dertil alle
ættefrendarne deira, som dei hadde styringi yver; **33**
av Sebulon femti tusund stridsføre menner, herbudde
med alle slag våpn; dei flokka seg samheldige; **34**
av Naftali eit tusund hovdingar, og med deim sju og
tretti tusund mann som var væpna med skjold og
spjot; **35** av danitarne åtte og tjuge tusund og seks
hundrad herbudde menner; **36** av Asser stridsføre og
herbudde menner, fyrti tusund; **37** og frå hi sida åt
Jordan, av rubenitarne, gaditarne og andre helvti av
Manasse-ætti, eit hundrad og tjuge tusund mann med
alle slag våpn som er bruklege i strid. **38** Alle desse
hermennerne skipa seg i fylking og kom med hjartans
godhug for David til Hebron og vilde gjera honom til
konge yver heile Israel. Men alle hine av Israel var og
sameinte i å gjera David til konge. **39** Og dei var der
hjå David i tri dagar og åt og drakk; for brørne deira
hadde laga til åt deim. **40** Dei som budde nær ved,
alt upp til Issakar, Sebulon og Naftali, førde og nøgdi
med føda til deim, på asen, kamelar, muldyr og uksar;
grjonmat, fikekakor, rosinkakor, vin og olje, bufe og
sauer; for det var gleda i Israel.

**13** Og David samrådde seg med dei øvste
herførarane og underførarane, med alle
hovdingarne. **2** Og David sagde til heile Israels-lyden:
«I fall de so finn fyre, og um dette er ifrå Herren,
vår Gud, so lat oss senda bod til alle kantar åt dei
andre brørne våre i alle Israels bygder, og dessutan åt
prestarne og levitarne i dei byarne som dei hev bumark

ikring, at dei skal koma saman hjå oss. 3 Og lat oss
flytja kista åt vår Gud hit til oss! For i Sauls dagar
spurde me ikkje etter henne.» 4 Og heile lyden svara
at dei skulde gjera det; for alt folket lika denne rådi.
5 So samla då David heile Israel ifrå kvisli frammed
Egyptarlandet og alt dit der vegen gjeng til Hamat, at
dei skulde føra Guds kista frå Kirjat-Jearim. 6 Og David
for med heile Israel upp til Ba'ala, til Kirjat-Jearim, som
høyrer til Juda, med den etlingi å føra upp kista åt
Gud Herren, han som tronar yver kerubarne, og som
ho hev fenge namnet sitt etter. 7 Og dei sette Guds
kista på ei ny vogn og førde henne burt frå huset hans
Abinadab, og Uzza og Ahjo køyrde vogni. 8 Og David
og heile Israel leika for Gud av all si magt med song
og med cithrar, harpor, trummor, cymblar og trompetar.
9 Men då dei kom til treskjestaden hans Kidon, rette
Uzza ut handi og vilde fata i kista; for uksarne snåva.
10 Då vart Herren brennande harm på Uzza, og han
slo honom for di han hadde rett ut handi si åt kista, so
han døydde der for Guds åsyn. 11 Men David vart ille
ved, av di Herren soleis hadde slege ned Uzza, og
han kalla den staden Peres-Uzza, som det heiter den
dag i dag. 12 Og David fekk ei slik rædsla for Gud
den dagen, at han sagde: «Kor kann eg våga føra
Guds kista til meg?» 13 Difor flutte ikkje David kista
til seg i Davidsbyen, men sette henne inn i huset åt
gatiten Obed-Edom. 14 Guds kista vart då verande
ved huset hans Obed-Edom, der ho stod i sitt eige hus
i tri månader; men Herren velsigna Obed-Edoms hus
og alt det som høyrde honom til.

**14** Og Hiram, kongen i Tyrus, sende folk til David med
cedertre, og dessutan murarar og timbremenner
til å byggja eit hus åt honom. 2 Og David skyna at
Herren hadde stadfest honom til konge yver Israel;
for han hadde lyft kongedømet høgt for sitt folk Israel
skuld. 3 Og David tok seg endå fleire konor i Jerusalem,
og David fekk endå fleire søner og døtter. 4 Dette er
namni på dei sønerne han fekk i Jerusalem: Sammua
og Sobab, Natan og Salomo, 5 Jibhar og Elisua og
Elpelet 6 og Nogah og Nefeg og Jafia 7 og Elisama og
Be'eljada og Elifelet. 8 Men då filistarane høyrde at
David var salva til konge yver heile Israel, tok dei ut
alle saman og skulde leita etter David. Då David fekk
høyrde det, for han ut imot deim. 9 Filistarane kom og
spreidde seg utyver i Refa'imsdalen. 10 Då spurde
David Gud: «Skal eg draga upp imot filistarane? Vil
du då gjeva deim i mi hand?» Herren svara: «Drag
upp, eg vil gjeva deim i di hand.» 11 Og dei tok ut til
Ba'al-Perasim, og der vann David yver deim. Då sagde
David: «Gud hev brote igjenom fiendarne mine med mi
hand, liksom vatn bryt igjenom.» Difor fekk den staden
namnet Ba'al-Perasim. 12 Dei let etter seg gudarne
sine der, og David sagde at dei skulde brennast upp.
13 Men filistarane kom endå ein gong og spreidde seg
utyver i dalen. 14 Då so David spurde Gud att, svara
Gud honom: «Du skal ikkje fara imot deim; kringsett
deim attanfrå, so du kjem yver deim ifrå den sida der
bakatrei stend! 15 So snart som du då høyrer ljoden
av stig i toppen på bakatrei, skal du leggja ut i strid; for
då fer Gud fyre deg og vil slå filistarheren.» 16 Og
David gjorde som Gud hadde bode honom, og dei slo
filistarheren og sette etter deim alt ifrå Gibeon og til
Gezer. 17 Og gjetordet um David gjekk yver alle land,
og Herren let det koma rædsla for honom yver alle
folki.

**15** Og han bygde seg hus i Davidsbyen, og sidan
laga han til ein stad åt Guds kista og sette upp
eit tjeld åt henne. 2 Då baud David: «Ingen må bera
Guds kista utan levitarne; for deim hev Herren valt ut til
å bera Guds kista og til å tena honom» i all æva. 3 Og
David samla heile Israel Jerusalem; til å føra Herrens
kista upp til den staden han hadde laga til åt henne. 4
Og David stemnde i hop Arons-sønerne og levitarne: 5
av Kehats-sønerne Uriel, hovdingen, og brørne hans,
eit hundrad og tjuge; 6 av Merari-sønerne Asaja,
hovdingen, og brørne hans, tvo hundrad og tjuge;
7 av Gersoms-sønerne Joel, hovdingen, og brørne
hans, eit hundrad og tretti; 8 av Elisafans-sønerne
Semaja, hovdingen, og brørne hans, tvo hundrad; 9 av
Hebrons-sønerne Eliel, hovdingen, og brørne hans,
åtteti; 10 av Uzziels-sønerne Amminadab, hovdingen,
og brørne hans, eit hundrad og tolv. 11 Og David kalla
åt seg prestarne Sadok og Abjatar og levitarne Uriel,
Asaja og Joel, Semaja og Eliel og Amminadab. 12 Og
han sagde til deim: «De er hovdingar for ættgreinerne i
Levi. Helga dykk, de og brørne dykkar, og før so kista
åt Herren, Israels Gud, upp til den staden som eg hev
laga til åt henne! 13 Det var for di de ikkje var med fyrre
gongen, at Herren, vår Gud, braut ned ein av oss, til
straff for at me ikkje søkte honom som rett var.» 14 Då
helga dei seg, prestarne og levitarne, so dei kunde føra
upp kista åt Herren, Israels Gud. 15 Og levitsønerne
bar Guds kista med stenger som låg på herdarne deira,
soleis som Moses hadde sagt deim fyre etter Herrens
ord. 16 Og David baud levithovdingarne at dei skulde
stella brørne sine, songarane, fram med spel, harpor,
cithrar og cymblar, som dei skulde låta på medan dei
let gledesongen ljoma. 17 Levitarne sette då Heman
Joelsson til dette, og av hans brør Asaf Berekjason, og
av brørne deira, Merari-sønerne, Etan Kusajason, 18
og jamsides med deim brørne deira av andre rangen,
Zakarja, Ben, Ja'aziel og Semiramot og Jehiel og
Unni, Eliab og Benaja og Ma'aseja og Mattitja, Eliflehu
og Mikneja og Obed-Edom og Je'iel, dørvaktarane.

19 Songarane Heman, Asaf og Etan skulde slå på
koparcymblar. 20 Zakarja og Asiel og Semiramot og
Jehiel og Unni og Eliab og Ma'aseja og Benaja skulde
spela på harpor etter Alamot. 21 Mattitja og Eliflehu og
Mikneja og Obed-Edom og Je'iel og Azazja skulde
spela på cithrar etter Sjeminit. 22 Kenanja, som var
førar for levitarne ved beringi; skulde læra deim å
bera; for han var kunnig i slikt. 23 Berekja og Elkana
skulde vera dørvaktarar ved kista. 24 Sebajna og
Josafat og Netanel og Amasai og Zakarja og Benaja
og Eliezer, prestarne, skulle blåsa i trompetar framfyre
Guds kista. Og Obed-Edom og Jehia skulde vera
dørvaktarar ved kista. 25 So gjekk David og dei øvste
i Israel og yverhovudsmennerne av stad og skulde
føra Herrens sambandskista med fagnad upp or huset
åt Obed-Edom. 26 Og med di Gud verna levitarne
som bar Herrens sambandskista, so ofra dei sju uksar
og sju verar. 27 Og David gjekk då med ei kappa av
fint linan, og like eins alle levitarne som bar kista,
og songarane, og Kenanja, føraren for songarane
ved beringi. Dessutan bar David ein linhakel. 28 Og
heile Israel flutte Herrens sambandskista upp med
fagnadrop og lurljom, og dei bles i trompetar og slo
på cymblar let harpor og cithrar. 29 Då so Herrens
sambandskista kom til Davidsbyen, såg Mikal, dotter åt
Saul, ut gjenom vindauga, og då ho fekk auga på kong
David, som hoppa og leika seg, vanvyrde ho honom i
sitt hjarta.

**16** Då dei hadde ført Guds kista inn, sette dei henne
i tjeldet som David hadde sett upp åt henne;
deretter bar dei fram brennoffer og takkoffer for Guds
åsyn. 2 Og då David hadde ofra brennofferet og
takkofferet, velsigna han folket i Herrens namn. 3
Og til kvar og ein av alle israelitarne, både kar og
kvinna, skifte han ut ein brødleiv, eit stykke kjøt og
ei rosinkaka. 4 Og han sette sume levitar til å gjera
tenesta framfor Herrens kista, at dei skulde prisa,
takka og lova Herren, Israels Gud. 5 Asaf var den
fremste, og Zakarja næst etter honom, og so Je'iel,
Semiramot, Jehiel og Mattitja, Eliab, Benaja, Obed-
Edom og Je'iel med harpor og cithrar, og Asaf skulde
slå på cymblar. 6 Men prestarne Benaja og Jahaziel
skulde standa stendigt med trompetarne sine framfor
Guds sambandskista. 7 Den dagen var det at David
fyrst fastsette den skipnaden at dei ved Asaf og brørne
hans skulde prisa Herren på denne visi: 8 «Prisa
Herren, kalla på hans namn! Forkynn millom folkeslagi
hans storverk! 9 Syng for honom, syng honom lov! Tala
um alle hans under! 10 Rosa dykk av hans heilage
namn, hjarta glede seg hjå deim som søkjer Herren!
11 Spør etter Herren og hans magt, søk hans åsyn
alltid! 12 Kom i hug hans under som han hev gjort,
hans undergjerningar og domsordi frå hans munn, 13
de etterkomarar av Israel, hans tenar, søner åt Jakob,
hans utvalde. 14 Han er Herren, vår Gud; yver all jordi
gjeng hans domar. 15 Kom æveleg i hug hans pakt,
det ord han sette fast for tusund ætter, 16 den pakt
han gjorde med Abraham, og hans eid til Isak! 17
Han gjorde det til ein rett for Jakob, for Israel til ein
æveleg pakt, 18 med di han sagde: «Deg vil eg gjeva
Kana'ans land til arvlut, » 19 då de var ein liten flokk,
få og framande der. 20 Og dei vandra frå folk til folk,
frå eitt rike til eit anna folk. 21 Han let ikkje nokon få
gjera valdsverk mot deim, og han refste kongar for
deira skuld: 22 «Rør ikkje deim eg hev salva, og gjer
ikkje vondt med mine profetar!» 23 Syng for Herren,
all jordi! Forkynn frå dag til dag hans frelsa! 24 Fortel
millom heidningar hans æra, millom alle folkeslag hans
under! 25 For Herren er stor og mykje lovsungen, og
skræmeleg er han framfor alle gudar. 26 For alle gudar
hjå folki er avgudar; men Herren hev gjort himmelen.
27 Høgd og herlegdom er for hans åsyn, styrke og
gleda er på hans stad. 28 Gjev Herren, de folkeætter,
gjev Herren æra og magt! 29 Gjev Herren hans namns
æra, tak gåvor med og kom for hans åsyn, tilbed
Herren i heilagt skrud! 30 Skjelv for hans åsyn, all
jordi! Jordriket stend fast; det let seg ikkje rikka. 31
Himmelen glede seg, og jordi fagne seg, og dei skal
segja millom heidningarne: «Herren er konge.» 32
Havet dure og alt som i det er! Marki frygde seg og
alt det som på marki er! 33 Då fegnast trei i skogen
for Herrens åsyn; for han kjem og skal døma jordi.
34 Prisa Herren, for han er god, for æveleg varer
hans miskunn! 35 Og seg: «Frels oss, du vår Frelse-
Gud, og samla oss og fria oss ut frå heidningarne,
so me kann prisa ditt heilage namn, rosa oss av ditt
lov!» 36 Lova vere Herren, Israels Gud, frå æva og
til æva!» Og alt folket sagde amen og lova Herren.
37 Og der, framfor Herrens sambandskista, gav han
Asaf og brørne hans det yrket, at dei stendigt skulde
gjera tenesta framfor kista, soleis som det var fastsett
for kvar dag. 38 Men Obed-Edom og brørne deira var
åtte og seksti i tal, og Obed-Edom Jeditunsson og
Hosa sette han til dørvaktarar. 39 Og pesten Sadok og
brørne hans, prestarne, sette han framfor Herrens hus
på offerhaugen i Gibeon, 40 at dei stendigt skulde ofra
åt Herren brennoffer på brennofferaltaret, morgon og
kveld, og gjera alt det som var fyresagt i Herrens lov,
som han hadde sett for Israel. 41 Og i lag med deim
var Heman og Jedutun og dei andre utvalde som var
nemnde, at dei skulde lova Herren, av di hans miskunn
varer æveleg. 42 Og trompetarne og cymblarne åt
spelemennerne vart gøymde hjå Heman og Jedutun,
og like eins andre spelgogner som høyrde gudstenesta

til. Og Jedutuns-sønerne gjorde han til dørvaktarar. **43** Deretter gjekk heile lyden heim, kvar til sitt; men David snudde heim att, vilde helsa på husfolket sitt.

**17** Ein gong David sat i huset sitt, sagde David til profeten Natan: «Sjå, eg bur i eit hus av cedertre, medan Herrens sambandskista stend under eit tjeld!» **2** Natan sagde til David: «Gjer alt det som du hev i hugen; for Gud er med deg.» **3** Men natti etterpå kom Guds ord til Natan soleis: **4** «Gakk og seg til David, tenaren min: «So segjer Herren: Ikkje skal du byggja meg det huset eg skal bu i. **5** For eg hev då ikkje butt i noko hus, alt frå den dagen då eg førde Israel upp hit, og til denne dag, anna eg hev flutt frå tjeld til tjeld, frå hus til hus. **6** I all den tidi eg hev fare ikring med heile Israel - hev eg då nokosinne tala so til nokon Israels domarar som eg sette til hyrding for folket mitt: «Kvi hev de ikkje bygt meg eit hus av cedertre?»» **7** Og no skal du segja so til David, tenaren min: «So segjer Herren, allhers drott: Frå buhagen, der du fylgte sauerne, hev eg teke deg til fyrste yver Israel, folket mitt. **8** Og eg hev vore med deg på alle dine vegar og rudt ut alle fiendarne dine for deg. Og eg vil gjeva deg eit namn liksom namnet åt dei største menner på jordi. **9** Og eg skal reida ein heimstad åt Israel, folket mitt, og planta det so det kann verta buande der, og ikkje verta uroa meir. Valdsmenner skal ikkje meir øyda det, so som i gamle dagar, **10** alt ifrå den tidi då eg sette domarar yver mitt folk Israel; og eg skal mykja upp alle fiendarne dine. So gjer eg no det kunnigt for deg, at Herren skal byggja deg eit hus. **11** Når di æva er all, og du gjeng til federne dine, då skal eg reisa upp avkjømet ditt etter deg, ein av sønerne dine, og eg skal grunnfesta kongedømet hans. **12** Han skal byggja eit hus åt meg; og eg skal grunnfesta kongsstolen hans til æveleg tid. **13** Eg skal vera far hans, og han skal vera son min, og mi miskunn skal eg ikkje taka frå honom, liksom eg tok henne frå fyremannen din. **14** Og skal halda honom uppe i mitt hus og i mitt rike i all æva, og kongsstolen hans skal vera grunnfest i all æva.»» **15** Heilt i samhøve med desse ordi og med denne syni tala då Natan til David. **16** Då gjekk kong David inn og sette seg ned for Herrens åsyn og sagde: «Kven er eg, Herre Gud, og kva er huset mitt, at du hev ført meg hit? **17** Og endå er det for lite i dine augo, Gud, du hev gjeve lovnader til huset åt tenaren um det som ligg langt fram i tidi. Ja, du hev set til meg på mannevis, so du kunde upphøgja meg, Herre Gud. **18** Kva skal no David meir segja til deg um den æra du hev gjort tenaren din? Du kjenner då tenaren din. **19** Herre, for din tenar skuld og etter ditt hjarta hev du gjort alt dette store, og kunngjort alle desse store ting. **20** Herre, ingen er som du, og det er ingen Gud utan du, etter alt det me hev høyrt med øyro våre. **21** Og kvar finst det på jordi eit einaste folk maken til ditt folk Israel, som Gud sjølv gjekk av og løyste til si eigen lyd, til eit stort og øgjelegt namn åt deg, med di du dreiv ut heidningarne for folket ditt, som du hadde fria ut or Egyptarland. **22** Og du hev gjort ditt folk Israel til eit folk åt deg for all æva, og du, Herre, hev vorte deira Gud. **23** So lat då, Herre, det standa ved lag i all æva, som du hev tala um tenaren din og hans hus; gjer so som du hev sagt! **24** Då skal namnet ditt haldast for traust og verta stort til æveleg tid, so dei skal segja: «Herren, allhers drott, Israels Gud, er Gud yver Israel.» Og då skal huset åt David, tenaren din, standa stødt for di åsyn. **25** For du, min Gud, hev openberra for tenaren din at du skal byggja honom eit hus; difor hev tenaren din våga seg til å bera denne bøni fram for deg. **26** Og no, Herre, du er Gud, og etter di du hev lova tenaren din denne gode ting, **27** so lat det no og tekkjast deg å velsigna huset åt tenaren din, so det vart verande æveleg for di åsyn. For det som du, Herre, velsignar, det er velsigna i all æva.»

**18** Ei tid etter dette vann David yverpå filistarane og lagde deim under seg, og han tok då Gat og dei bygderne som låg ikring or henderne på filistarane. **2** Han vann og yver moabitar, og so vart dei tenarar åt David og lagde skatt til honom. **3** Like eins vann David på Hadarezer, kongen i Soba, ved Hamat, då han hadde fare av stad og skulde tryggja magti si ved elvi Frat. **4** Og David tok ifrå honom eit tusund vognhestar og sju tusund hestfolk og tjuge tusund mann fotfolk. Og David let skjera av hasarne på alle vognhestarne og sparde berre eit hundrad hestar. **5** Og då syrarane frå Damaskus kom og skulde hjelpa Hadarezer, kongen i Soba, slo David tvo og tjuge tusund mann av syrarane. **6** Og David sette inn hervakter millom syrarane i Damaskus, og syrarane vart tenarar åt David og lagde skatt til honom. Soleis gav Herren David siger kvar helst han drog fram. **7** Og David tok dei gullskjoldarne som tenarane hans Hadarezer hadde bore, og førde deim til Jerusalem. **8** Og frå Tibhat og Kun, byarne hans Hadarezer, tok David kopar i stor mengd; av det gjorde Salomo koparhavet, sulorne og koparkjeraldi. **9** Då so To'u, kongen i Hamat, høyrde at David hadde slege heile heren hans Hadarezer, kongen i Soba, **10** sende han son sin, Hadoram, til kong David, at han skulde helsa på honom og ynskja honom til lukke med krigen mot Hadarezer og med sigeren yver kongen; for Hadarezer hadde jamt havt ufred med To'u. Han sende og alle slag kjerald av gull, sylv og kopar. **11** Deim og vigde kong David til Herren, sameleis som det med det sylvet og gullet han hadde ført heim frå alle andre folk: frå edomitarne, moabiterne, Ammons-

sønerne, filistarane og amalekitarne. 12 Og Absai
Serujason som slo edomitarne i Saltdalen, attan tusund
mann. 13 So sette han vakt i Edom, og alle edomitarne
vart tenarar åt David. Soleis gav Herren David siger
kvar helst han for fram. 14 David var no konge yver
heile Israel, og han skipa lov og rett åt heile sitt folk.
15 Joab Serujason var øvste herhovding, og Josafat
Ahiludsson var kanslar. 16 Sadok Ahitubsson og
Abimelek Abjatarsson var prestar og Savsa riksskrivar,
17 Benaja Jojadason var hovding yver livvakti, men
Davids søner var dei fyrste ved sida åt kongen.

19 Sidan bar det so til at Nahas, kongen åt Ammons-
sønerne, døydde, og son hans vart konge etter
honom. 2 Då sagde David: «Eg vil syna Hanun
Nahasson venskap, etter di far hans syne meg
venskap.» Og David skikka sendemenner til å trøysta
honom i hans sorg etter faren. Tenarane hans David
kom då til landet åt Ammons-sønerne, til Hanun, og
vilde trøysta honom. 3 Då sagde hovdingarne for
Ammons-sønerne til Hanun: «Trur du at David vil æra
far din med det at han sender trøystarar til deg? Nei,
det er til å gjera seg kjende i landet, til å øydeleggja og
spæja det ut, at tenararne hans er komne til deg.» 4
Då tok Hanun tenararne åt David og let raka deim og
skjera av klædi deira på midten rett upp åt med sætet,
og let deim so fara. 5 Og det kom folk til David med
tidend um mennerne; då sende han bod imot deim; for
mennerne var groveleg svivyrde. Og kongen let segja:
«Ver i Jeriko til dess skjegget dykkar er utvakse, og
kom so heim att.» 6 Då no Ammons-sønerne skyna at
dei hadde gjort David hatig på seg, sende Hanun og
ammonitarne tvo og eit halvt tusund vågar sylv til å
leiga seg vogner og hestfolk for frå Mesopotamia, frå
Aram-Ma'aka og frå Soba. 7 Dei leigde seg tvo og
tretti tusund vogner og dertil hjelp hjå kongen i Ma'aka
og hans folk; dei kom og lægra seg framfor Medba.
Ammonitarane samla seg og or byarne sine og tok
ut til strid. 8 Då David høyrde det, sende han Joab i
veg med heile heren, dei djervaste hermennerne. 9
Og Ammons-sønerne drog ut og fylkte seg framfor
byporten; men kongarne som var komne dit, stod for
seg sjølve på opi mark. 10 Då Joab såg at han hadde
fiendar både frampå og bak, gjorde han eit utval millom
det utvalde mannskapet, og so fylkte han deim imot
syrarane. 11 Men hitt folket han gav han yver til Absai,
bror sin, og dei fylkte seg beint imot ammonitarne. 12
Og han sagde: «I fall syrarane vinn på meg, so skal
du koma meg til hjelp; og vinn Ammons-sønerne på
deg, skal eg hjelpa deg. 13 Ver no djerv; ja, lat oss
syna manndom i striden for folket vårt og for byarne åt
vår Gud! Og so fær Herren gjera det som han tykkjer
best.» 14 So gjekk Joab fram med folket sitt til strid
mot syrarane, og dei rømde for honom. 15 Men då
ammonitarne såg at syrarane rømde, so flydde dei
og for Absai, bror hans, og drog seg inn i byen. Då
for Joab heim til Jerusalem. 16 Då syrarane såg at
dei hadde roke for Israel, sende dei bod til syrarane
som budde på hi sida åt elvi, at dei skulde taka ut med
Sofak til herførar; han var hovudsmann hjå Hadarezer,
17 Då David spurde dette, samla han heile Israel og
gjekk yver Jordan, og då han kom fram til deim, fylkte
han heren til strid imot syrarane, og so gav dei seg til å
strida mot honom. 18 Men syrarane rømde for Israel,
og David hogg ned hermennerne på sju tusund vogner
og fyrti tusund mann fotfolk av syrarane; herhovdingen
Sofak felte han og. 19 Då tenarane åt Hadarezer såg
at dei hadde roke for israelitarne, gjorde dei fred med
David og vart tenarane hans. Då vilde ikkje syrarane
hjelpa ammonitarne meir.

20 Året etter ved det leitet kongarne plar fara i
herferd, tok Joab ut med heren og herja landet åt
Ammons-sønerne. Og han kom og kringsette Rabba,
medan David vart verande i Jerusalem. Og Joab tok
Rabba og øydela byen. 2 Og David tok kruna av
hovudet på kongen deira; og det vart røynt at ho
vog vel tvo vågar gull, og ho var prydd med ein dyr
stein. Ho vart no sett på hovudet åt David, og han
førde nøgdi av herfang burt or byen. 3 Og folket i
byen førde han ut, og sette deim ved sagerne og
treskjevalsarne av jarn og øksarne. Soleis for David
åt med alle ammonitbyarne. So snudde David og alt
folket heim att til Jerusalem. 4 Sidan vart det ein strid
med filistarane ved Gezer; då vann husatiten Sibbekai
yver Sippai, ein av Rafa-ætlingarne; so vart dei kua. 5
Sidan vart det ein ny strid med filistarane på nytt lag;
Elhanan Ja'irsson hogg då ned Lahmi, bror åt Goliat
frå Gat, som hadde eit spjotskaft som stor-riven på ein
vev. 6 So stod det ein strid ved Gat. Der var det ein
risestor mann, som hadde seks fingrar og seks tær,
fire og tjuge i alt; han og var ætta frå rafa'itarne. 7 Han
hædde Israel; men Jonatan, son åt Simea, som var
bror åt David, drap honom. 8 Desse var ætta frå Rafa i
Gat, og dei fall for David og tenarane hans.

21 Men Satan stod upp imot Israel og eggja David
til å telja Israel. 2 Då sagde David til Joab og dei
andre hovdingarne for folket: «Gakk av stad og tak tal
på Israels-folket frå Be'erseba og alt til Dan, og gjev
meg so grein, so eg fær vita kor mykje folk det er.» 3
Joab svara: «Gjev Herren vilde auka folket sitt hundrad
gonger! Er dei då ikkje, herre konge, tenarar åt herren
min alle saman? Kvifor krev du då herren min slikt?
Kvifor skal ein på slik måte draga skuld yver Israel?» 4

Men kongens bod vart standane ved lag med alt det
Joab var imot. So tok då Joab ut, og for um i heile
Israel og kom so heim att til Jerusalem. 5 Og Joab
sagde David talet som var kome ut ved folketeljingi.
I heile Israel var det ein million og hundrad tusund
våpnføre mann, og i Juda fire hundrad og sytti tusund.
6 Men Levi og Benjamin hadde han ikkje mynstra i lag
med hine; for kongens ord var ei styggja for Joab. 7
Og Gud mislika dette verket, og han slo Israel. 8 Då
sagde David til Gud: «Eg hev synda storleg med at eg
hev gjort dette. Men forlat no tenaren din misgjerningi
hans; for eg hev gjort ein stor dårskap.» 9 Men Herren
tala til Gad, sjåaren åt David, og sagde: 10 «Gakk av
stad og tala til David og seg: «So segjer Herren: Tri
ting legg eg fram fyre deg; vel deg ein av deim, som
du vil eg skal gjera imot deg!»» 11 Då gjekk Gad inn til
David og sagde til honom: «So segjer Herren: «Vel kva
for eit du vil: 12 anten svolt i tri år, eller manneøyding i
tri månader, av di fiendarne dine søkjer åt, og du ikkje
kann koma undan sverdet deira - eller Herrens sverd
og drepsott i landet i tri dagar, med di Herrens engel
gjer eit tjon i heile Israels land.» Tenk no etter kva svar
eg skal gjeva honom som hev sendt meg!» 13 David
svara Gad: «Eg er stadd i stor våde. Men lat meg då
falla i Herrens hand; for hans miskunn er stor; men i
mannehand vil eg ikkje falla.» 14 Då let Herren det
koma ei drepsott i Israel, og det fall sytti tusund mann
av Israel. 15 Og Gud sende ein engel mot Jerusalem
til å tyna byen. Men då han heldt på med tyningi, såg
Herren på det og han angra det vonde, og han sagde
til engelen, tynaren: «No fær det vera nok. Tak no
åt deg handi att!» Og Herrens engel stod då attmed
treskjevollen hans Ornan, jebusiten. 16 So såg David
upp og vart var Herrens engel, som stod millom jord
og himmel med eit drege sverd i handi, og rette det ut
yver Jerusalem. David og styresmennerne kasta seg
å gruve, sveipte i sekk. 17 Og David sagde til Gud:
«Det var då eg som baud at folket skulde teljast. Det
er eg som hev synda og gjort det som gale er; men
desse sauerne, kva hev dei gjort? Herre, min Gud,
snu då handi di imot meg og huset åt far min, men
ikkje mot folket ditt til heimsøkjing!» 18 Men Herrens
engel bad Gad segja til David, at han skulde ganga
upp og reisa eit altar åt Herren på treskjarvollen hans
Ornan, jebusiten. 19 Og David gjekk upp etter det
ordet som Gad hadde tala i Herrens namn. 20 Då so
Ornan snudde seg ikring, fekk han sjå engelen; og dei
fire sønerne hans som var hjå honom, dei gøymde
seg. Men Ornan heldt just på og treskte kveite. 21 Og
David kom til Ornan, og då Ornan såg upp og vart var
honom, gjekk han fram av treskjarvollen og kasta seg å
gruve på jordi for David. 22 Og David sagde til Ornan:
«Gjev meg få den staden der du hev treskjarvollen, so
eg der kann byggja eit altar for Herren. Lat meg få det
mot fullt vederlag, so sotti kann stana og ikkje lenger
herja folket.» 23 Då sagde Ornan til David: «Tak vollen,
og so gjere min herre kongen det som han tykkjer er
best. Sjå her gjev eg deg uksane til brennofferi og
treskjesledane til ved og kveiten til grjonofferet; det
gjev eg alt i hop.» 24 Men kong David svara Ornan:
«Nei, eg vil kjøpa det for fullt vederlag; for eg vil ikkje
taka åt Herren det som er ditt, og ofra brennoffer som
eg hev fenge for inkje.» 25 So greide David åt Ornan
seks hundrad lodd gull i god vegt. 26 Og David bygde
der eit altar for Herren og ofra brennoffer og takkoffer.
Og han ropa til Herren, og han svara honom med
eld frå himmelen på brennofferaltaret. 27 Og Herren
baud engelen, og han stakk sverdet sitt i slira att. 28
Då David såg at Herren hadde høyrt bøni hans på
treskjarvollen åt jebusiten Ornan, so ofra han der i
den tidi. 29 Men Herrens hus som Moses hadde late
gjera i øydemarki, og brennofferaltaret stod den tidi
på offerhaugen i Gibeon. 30 Men David våga ikkje å
ganga dit og søkja Gud, so forfærd var han for sverdet
åt Herrens engel.

**22** Og David sagde: «Her skal huset åt Herren Gud
standa, og her skal altaret for Israels brennoffer
vera.» 2 Og David sende bod at dei skulde samla
dei framande som var i Israels land, og han sette
steinhoggarar til å hogga steinar til byggjevyrke åt
Guds hus. 3 Og David rådde seg nøgdi av jarn til spikar
i portdørerne og til kjengar, og ei slik ovmengd med
kopar at han var uvegande, 4 og cedertre i uteljande
mengd; for Sidon- og Tyrus-buarne førde nøgdi av
cedertre til David. 5 For David tenkte: «Salomo, son
min, er ung og kløkk; men huset som skal byggjast åt
Herren, bør vera ovstort, so det kann verta til gjetord
og æra i alle land. Difor vil eg få til vegar vyrke åt
honom.» So rådde David seg ei nøgd med vyrke fyrr
han døydde. 6 So kalla han til seg Salomo, son sin, og
bad honom byggja eit hus åt Herren, Israels Gud. 7 Og
David sagde til Salomo, son sin: «Eg hadde sjølv tenkt
meg til å byggja eit hus for namnet åt Herren, min Gud.
8 Men Herrens ord kom til meg soleis: «Du hev rent ut
mykje blod og gjort store herferder; du skal ikkje byggja
eit hus åt namnet mitt; for du hev rent ut so mykje blod
på jordi for mi åsyn. 9 Men du skal få ein son; han skal
verta ein fredsæl mann; og eg skal lata honom få fred
for alle fiendarne sine rundt ikring; for Salomo skal
vera namnet hans, og eg skal lata fred og ro liggja
yver Israel i hans dagar. 10 Han skal byggja eit hus åt
namnet mitt. Han skal vera son min, og eg skal vera
far hans. Og eg skal grunnfesta kongsstolen hans yver
Israel i all æva.» 11 Herren vere no med deg, son min!

Du have lukka med deg, so du fær byggja huset åt
Herren din Gud, soleis som han hev tala um deg. 12
Berre Herren vil gjeva deg visdom og skyndsemd, når
han set deg yver Israel, og hjelpa deg til å halda lovi
frå Herren, din Gud, 13 so skal du hava lukka med
deg, um du kjem i hug å liva etter dei bodi og loverne
som Herren hev bode Moses leggja på Israel. Ver sterk
og stød; du skal ikkje ræddast og ikkje fæla. 14 Og
trass i all mi naud hev eg no fenge fram til Herrens hus
eit hundrad tusund talent gull og tusund gonger tusund
talent sylv, og dertil meir kopar og jarn enn ein kann
vega; so mykje er det; trevyrke og stein hev eg og rådt
meg, og meir må du sjølv leggja attåt. 15 Arbeidsfolk
hev du og nøgdi av, håndverkarar, steinhoggarar og
timbremenner, og dertil allslags folk som er hage til
alt anna arbeid. 16 Gullet, sylvet, koparen og jarnet
kann ein ikkje halda rekning på. Upp då og tak fatt på
verket, og Herren vere med deg!» 17 Deretter baud
David alle hovdingarne i Israel hjelpa Salomo, son
hans, og sagde: 18 «Herren, dykkar Gud, er då med
dykk og hev gjeve dykk ro på alle sidor; for han hev
gjeve i mi hand deim som fyrr budde i landet, og det er
lagt under Herren og hans folk. 19 So vend no dykkar
hjarta og hug til å søkja Herren dykkar Gud, og tak til
og bygg Herren Guds heilagdom, so de kann få føra
Herrens sambandskista og alt det andre som høyrer til
Guds heilagdom, inn i det huset som skal byggjast åt
Herrens namn.»

**23** Då David var gamall og mett av dagar, gjorde
han Salomo, son sin, til konge yver Israel. 2
Og han samla alle hovdingarne i Israel, og prestarne
og levitarne. 3 Og levitarne vart talde, ein for ein,
dei som var tretti år gamle eller meir, og talet på alle
karfolki var åtte og tretti tusund. 4 «Av desse, » sagde
han, «skal fire og tjuge tusund standa fyre arbeidet
i Herrens hus, og seks tusund skal vera formenner
og domarar, 5 fire tusund skal vera dørvaktarar, og
fire tusund skal lovsyngja Herren til dei spelgognerne
som eg hev late gjera til lovsongen.» 6 Og David skifte
deim i skift etter sønerne åt Levi: Gerson, Kehat og
Merari. 7 Til gersonitarne høyrde Ladan og Sime'i. 8
Sønerne hans Ladan var Jehiel, hovdingen, Zetam og
Joel, tri mann. 9 Sønerne hans Sime'i var Selomot og
Haziel og Haran, tri; dei var hovdingarne for Ladans-
ættgreinerne. 10 Og sønerne åt Sime'i var Jahat, Ziza
og Je'us og Beria; desse fire var sønerne hans Sime'i.
11 Jahat var hovdingen, og Ziza var den andre. Men
Je'us og Beria hadde ikkje mange born, difor vart dei
rekna for ei ættgrein, ein flokk for seg. 12 Sønerne åt
Kahat var Amram, Jishar, Hebron og Uzziel, fire. 13
Sønerne hans Amram var Aron og Moses. Og Aron
vart utskild - han skulde vigjast til å vera høgheilag i all
æva, han og sønerne hans, og skulde brenna røykjelse
for Herren og tena honom og lysa velsigning i hans
namn til æveleg tid. 14 Men sønerne åt Moses, Guds
mann, vert rekna til Levi-ætti. 15 Sønerne åt Moses
var Gersom og Eliezer. 16 Av Gersoms-sønerne var
Sebuel hovding. 17 Og av Eliezer-sønerne var Rehabja
hovding. Eliezer hadde ikkje fleire søner; men sønerne
hans Rehabja var ovleg mange. 18 Av Jishars-sønerne
var Selomit hovdingen. 19 Hebrons-sønerne var Jerija
hovdingen, Amarja, var den andre, Jahaziel, den tridje,
og Jekamam, den fjorde. 20 Av Uzziels-sønerne var
Mika hovding, og Jissia den andre. 21 Merari-sønerne
var Mahli og Musi. Sønerne hans Mahli var Eleazar og
Kis. 22 Då Eleazar døydde, hadde han ingi søner etter
seg, men berre døtter; men sønerne åt Kis, frendarne
deira, gifte seg med deim. 23 Musi-sønerne var Mahli
og Eder og Jeremot, tri. 24 Dette var Levi-sønerne
etter ættgreinene deira, ættarhovdingarne for deim
som var mynstra og innskrivne i manntalet, ein for ein,
dei som kunde gjera arbeid som høyrde til tenesta i
Herrens hus, og var tjuge år gamle og yver det. 25 For
David sagde: «Herren, Israels Gud, hev gjeve folket
sitt ro, og hev no bustaden sin i Jerusalem for all æva.
26 Difor tarv ikkje heller levitarne bera tjeldet meir, og
ikkje heller alle arbeidsgognerne som er i huset.» 27
For etter fråsegni um Davids siste tid vart levitarne
rekna frå tjugeårsalderen og uppetter. 28 Og dei vart
sette med sida åt Arons-sønerne til tenesta i Herrens
hus, i det som vedkom tuni og kovarne og rensingi av
alt som heilagt var, og arbeidet med tenesta i Guds
hus, 29 både skodebrødi og finmjølet til grjonofferet
og dei usyrde tunnkakorne og takkorne og det knoda
mjølet og med alt rom-mål og lengdemål. 30 Og kvar
morgon skulde dei standa og lova og prisa Herren,
og like eins kvar kveld. 31 Og dei skulde ofra alle
brennoffer åt Herren på kviledagar og høgtiderne,
so mange som fastsett var, og soleis som det var
deim fyresagt, allstødt for Herrens åsyn. 32 Dei skulde
gjera alt arbeidet som trongst ved møtetjeldet, og det
som skulde gjerast ved heilagdomen, det som Arons-
sønerne, brørne deira, hadde å gjera med gudstenesta
i Herrens hus.

**24** Og Arons-sønerne var skipa i desse skifti:
Sønerne åt Aron var Nadab og Abihu, Eleazar og
Itamar. 2 Men Nadab og Abihu døydde fyre faren, og
dei hadde ingi søner, og berre Eleazar og Itamar vart
prestar. 3 Og David i lag med Sadok av sønerne åt
Eleazar og Ahimelek av sønerne åt Itamar, skifte deim
etter deira embætte i tenesta deira. 4 Dei kom då etter
med at det var fleire hovdingar av Eleazars-sønerne enn
Itamars-sønerne, og difor skipa dei det so at Eleazars-
sønerne fekk sekstan hovdingar for sine ættgreiner,

og Itamars-sønerne åtte for sine ættgreiner. **5** Og dei
skifte deim med strådraging, båe hovudgreinerne; for
heilagdoms-fyrstarne og gudsfyrstarne tok dei både av
Eleazars-sønerne og Itamars-sønerne. **6** Og Semaja
Netanelsson, skrivaren av Levi-ætti, skreiv deim upp
medan kongen og hovdingarne og presten Sadok
og Ahimelek Abjatarsson og ættarhovdingarne for
prestarne og levitarne såg på; dei tok ut ei ættgrein
for Eleazar og so til skiftes for Itamar. **7** Fyrste luten
fall på Jojarib, den andre på Jedaja, **8** den tridje på
Harim, den fjorde på Seorim, **9** den femte på Malkia,
den sette på Mijamin, **10** den sjuande på Hakkos, den
åttande på Abia, **11** den niande på Jesua, den tiande
på Sekanja, **12** den ellevte på Eljasib, den tolvte på
Jakim, **13** den trettande på Huppa, den fjortande på
Jesebab, **14** den femtande på Bilga, den sekstande
på Immer, **15** den syttande på Hezir, den attande på
Happisses, **16** den nittande på Petahja, den tjugande
på Ezekiel, **17** den ein og tjugande på Jakin, den tvo og
tjugande på Gamul, **18** den tri og tjugande på Delaja
og den fire og tjugande på Ma'azja. **19** Dette vart den
skipnaden som dei skulde gjera tenesta si etter, når
dei gjekk inn i Herrens hus, so som det var fyresagt
deim gjenom Aron, far deira, etter det som Herren,
Israels Gud, hadde sagt honom fyre. **20** Av dei andre
Levi-sønerne høyrde Subael til Amrams-sønerne, og
Jehdeja var av Subaels-sønerne. **21** Av Rehabja-
sønerne var Jissia hovdingen; **22** av jisharitarne var
det Selomot, og Jahat av Selomots-sønerne. **23** Og
benajitar var Jeria, Amarja, den andre, Jahaziel, den
tridje, og Jekamam, den fjorde. **24** Son hans Uzziel
var Mika; av sønerne hans Mika var Samur. **25** Jissia
var bror åt Mika; av Jissia-sønerne var Zakarja. **26**
Merari-sønerne var Mahli og Musi, søner åt Ja'azia
hans son. **27** Søner hans Merari gjenom Ja'azia, son
hans, var både Soham, Zakkur og Ibri. **28** Son åt Mahli
var Eleazar; men han hadde ingi søner. **29** Av sønerne
åt Kis var høyrde Jerahme'el, **30** og sønerne åt Musi
var Mahli og Eder og Jerimot. Dette var levitsøner etter
ættgreinerne deira. **31** Dei og dro strå liksom frendarne
deira, Arons-sønerne, medan kong David og Sadok
og Ahimelek og ættarhovdingarne for prestarne og
levitarne var til stades, hovdingen for ætti likso vel som
dei yngste frendarne deira.

**25** Og David og herhovdingarne skilde ut til
gudstenesta sønerne åt Asaf og Heman og
Jedutun, som med profetisk eldhug spela på cithrar og
harpor og cymblar, og dette er lista på dei mennerne
som skulde hadde hava dette gjeremålet: **2** Av Asafs-
sønerne Zakkur og Josef og Netanja og Asarela,
Asafs-sønerne med rettleiding av Asaf, som spela
med profetisk eldhug etter tilskiping av kongen; **3** Av
Jedutun: Jedutuns-sønerne Gedalja, Seri og Jesaja,
Hasabja og Mattitja, seks mann, med rettleiding av
Jedutun, far deira, som med profetisk eldhug spela
takkesongar og lovsongar åt Herren. **4** Av Heman:
Hemans-sønerne Bukkia, Mattanja, Uzziel, Sebuel og
Jerimot, Hananja, Hanani, Eliata, Giddalti, Romamti-
Ezer, Josbekasa, Malloti, Hotir, Mahaziot. **5** Alle desse
var søner åt Heman, som var kongens sjåar, etter den
lovnaden gud hadde gjeve, at han vilde hevja upp
hornet hans; difor gav Gud Heman fjortan søner og
tri døtter. **6** Alle desse, kvar med sin far til rettleidar,
greidde med songen i Herrens hus, med cymblar,
harpor og cithrar, og gjorde soleis tenesta i Guds hus;
kongen, Asaf, Jedutun og Heman rettleide dem. **7** Og
talet på deim og frendarne deira, som var upplærde i
songen for Herren, alle dei kunnige, det tvo hundrad
og åtte og åtteti. **8** Og dei drog strå um kva dei skulde
gjera, alle saman, den minste som den største, læraren
som læresveinen. **9** Og den fyrste luten fall på Asaf,
det vil segja på Josef; den andre vart Gedalja, han
sjølv med brørne og sønerne sine, tolv i talet; **10** den
tridje vart Zakkur, han og sønerne og brørne hans, tolv
i talet; **11** den fjorde luten fall på Jisri med sønerne og
brørne hans, tolv i talet; **12** den femte vart Netanja
med sønerne og brørne hans, tolv i talet; **13** den
sette vart Bukkia og sønerne og brørne hans, tolv i
talet; **14** den sjuande vart Jesarela og sønerne og
brørne hans, tolv i talet; **15** den åttande vart Jesaja og
sønerne og brørne hans, tolv i talet; **16** den niande
vart Mattanja og sønerne og brørne hans, tolv i talet;
**17** den tiande vart Sime'i og sønerne og brørne hans,
tolv i talet; **18** den ellevte vart Azarel og sønerne og
brørne hans, tolv i talet; **19** den tolvte luten fall på
Hasabja med sønerne og brørne hans, tolv i talet; **20**
den trettande vart Subael og sønerne og brørne hans,
tolv i talet; **21** den fjortande vart Mattitja og sønerne og
brørne hans, tolv i talet; **22** den femtande luten fall på
Jeremot med sønerne og brørne hans, tolv i talet; **23**
den sekstande vart Hananja og sønerne og brørne
hans, tolv i talet; **24** den syttande vart Josbekasa og
sønerne og brørne hans, tolv i talet; **25** den attande
vart Hanani og sønerne og brørne hans, tolv i talet; **26**
den nittande vart Malloti og sønerne og brørne hans,
tolv i talet; **27** den tjugande vart Eliata og sønerne og
brørne hans, tolv i talet; **28** den ein og tjugande vart
Hotir og sønerne og brørne hans, tolv i talet; **29** den
tvo og tjugande vart Giddalti og sønerne og brørne
hans, tolv i talet; **30** den tri og tjugande vart Mahaziot
og sønerne og brørne hans, tolv i talet, **31** den fire og
tjugande vart Romamti-Ezer og sønerne og brørne
hans, tolv i talet.

**26** Um skifti som dørvaktarar var skifte i, er å segja:
Av korahitarne var Meselemja, son åt Kore, av
Asafs-sønerne. **2** Og Mesemlja hadde søner: Zakarja
var den eldste, Jediael den andre, Zebadja den tridje,
Jatniel den fjorde, **3** Elam den femte, Johanan den
sette, Eljoenai den sjuande. **4** Og Obed-Edom hadde
søner: Semaja var den eldste, Jozabad den andre,
Joah den tridje, Sakar den fjorde, Netanel den femte,
**5** Ammiel den sette, Issakar den sjuande, Pe'ulletai
den åttande; for Gud hadde velsigna honom. **6** Og
Semaja, son hans, fekk og søner, som vart styrarar i
ætti si; for dei var duglege menner. **7** Sønerne hans
Semaja heitte Otni og Refael og Obed, Elzabad og
brørne hans, dugande menner, Elihu og Semakja. **8**
Alle desse var ætta frå Obed-Edom, dei sjølve og
sønerne og brørne deira, dugande og sterke menner i
tenesta, - tvo og seksti av Obed-Edom. **9** Meselemja
hadde og søner og brør, duglege menner, i alt attan.
**10** Og Hosa av Merari-sønerne hadde søner: Simri var
fyrstemannen - han var vel ikkje den eldste; men far
hans sette honom til hovding - **11** Hilkia var den andre,
Tebalja den tridje, Zakarja den fjorde. Alle sønerne og
brørne hans Hosa var trettan. **12** Desse dørvaktar-
skifti, det vil segja ættarhovdingarne, vart no sette til
vakttenesta i Herrens hus, jamsides med frendarne
sine. **13** Og um kvar port drog dei strå, den minste
som den største, etter ættgreinene sine. **14** Romet
ved austporten kom på Selemja; og dei drog strå for
Zakarja, son hans, ein vitug rådgjevar, og etter strået
vart hans rom i nord. **15** På Obed-Edom fall romet ved
sudporten, soleis at sønerne hans fekk budi på sin
part. **16** For Suppim og Hosa viste strået på romet i
vest ved Salleket-porten, der vegen gjeng uppetter,
den eine vaktposten attmed den andre. **17** Mot aust
var det seks levitar, mot nord fire for kvar dag, mot
sud fire for kvar dag, og ved budi tvo um gongen.
**18** Ved Parbar mot vest stod fire attmed vegen, og
tvo ved sjølve Parbar. **19** Dette var dørvaktar-skifti
av korahitsønerne og av Merari. **20** Og av levitarne
hadde Ahia-sønerne tilsyn med skattarne i Guds hus
og tok vare på dei ting som var vigde åt Herren.
**21** Sønerne åt Ladan, det vil segja gersonitsønerne
av Ladans-ætti, hovdingarne for gersoniten Ladans
ættgreinene var jehielitarne. **22** Jehielit-sønerne Zetam
og Joel, bror hans, hadde tilsyn med skattarne i Guds
hus. **23** Um amramitarne, jisharitarne, hebronitarne
og ozzielitarne er det å segja: **24** Sebuel, son åt
Gersom Mosesson, var øvste tilsynsmannen yver
skattarne. **25** Og frendarne hans av Eliezers-ætti var
Rehabja Eliezersson, og son hans heitte Jesaja, og
hans son var Joram, og hans son Zikri, og hans son
Selomot. **26** Denne Selomot og brørne hans hadde
tilsyn med alt det godset som kong David og like
eins ættarhovdingarne, yver- og underhovdingar og
herhovdingar hadde vigt åt Herren. **27** Frå ufreden og
av herfanget hadde dei vigt det til å halda Herrens hus
i stand. **28** Og like eins alt det som sjåaren Samuel
og Saul Kisson og Abner Nersson og Joab Serujason
hadde vigt; kvar og ein som vigde noko, let Selomot
og brørne hans taka vare på det. **29** Av jisharitarne
vart Kenanja og sønerne hans sette til dei verdslege
gjeremåli i Israel, til å vera tilsynsmenner og domarar.
**30** Av hebronitarne vart Hasabja og brørne hans, syttan
hundrad menner, sette til stjorn i Israel, i landet vest for
Jordan, til alle slags gjeremål åt Herren og til kongen
tenesta. **31** Til hebronitarne høyrde Jeria, hovdingen
for hebronitarne etter deira ættgreiner og huslydar; i
det fyrtiande styringsåret åt Davids vart dei yversedde,
og det fanst då dugande folk hjå dei i Jazer i Gilead.
**32** Brørne hans, duglege menner, var tvo tusund og sju
hundrad hovud for huslydar; deim sette kong David
yver rubenitarne, gaditarne og den halve Manasse-
ætti, til å greida med alle Guds og kongens målemne.

**27** Og dette er Israels-sønerne, etter talet deira,
med ættarhovdingarne og med herhovdingar
yver tusund og hundrad og tilsynsmennerne deira,
som tente kongen i alt som vedkom herflokkarne; dei
herflokkarne gjekk inn og gjekk ifrå for til skiftes kvar
månad i året, og kvar flokk var fire og tjuge tusund
mann sterk. **2** Yver den fyrste skiftet, for den fyrste
månaden, stod Jasobam Zabdielsson; og i hans skift
var det fire og tjuge tusund mann. **3** Han var av Peres-
sønerne og var hovding for alle hovudsmennerne den
fyrste månaden. **4** Yver det andre månadsskiftet, stod
Dodai, ahohiten; der var og fyrsten Miklot. Og i skiftet
hans var fire og tjuge tusund. **5** Tridje herhovdingen,
for den tridje månaden, var Benaja, son åt presten
Jojada, yverhovding. Og i skiftet hans var fire og tjuge
tusund. **6** Denne Benaja var ei kjempa millom dei tretti,
og hovding for dei tretti. Og i hans skift var Ammizabad,
son hans. **7** Den fjorde, som gjorde tenesta den fjorde
månaden, var Asael, bror åt Joab, og etter honom
Zebadja, son hans. Og i skiftet hans var fire og tjuge
tusund. **8** Den femte, for den femte månaden, var
Samhut, jizrahiten. Og i skiftet hans var fire og tjuge
tusund. **9** Den sette, for den sette månaden, var Ira
Ikkesson, frå Tekoa. Og i skiftet hans var fire og tjuge
tusund. **10** Den sjuande, for den sjuande månaden,
var peloniten Heles, av Efraims-sønerne. Og i skiftet
hans var fire og tjuge tusund. **11** Den åttande, for
den åttande månaden, var husatiten Sibbekai, som
høyrde til zerahitarne. Og i skiftet hans var fire og
tjuge tusund. **12** Den niande, for den niande månaden,
var Abiezer frå Anatot, av Benjamins-ætti. Og i skiftet

hans var fire og tjuge tusund. 13 Den tiande, for
den tiande månaden, var Maharai frå Netofa, som
høyrde til zerahitarne. Og i skiftet hans var fire og
tjuge tusund. 14 Den ellevte, for den ellevte månaden,
var Benaja frå Piraton, av Efraims-sønerne. Og i
skiftet hans var fire og tjuge tusund. 15 Den tolvte,
for den tolvte månaden, var Heldai frå Netofa, av
Otniels-ætti. Og i skiftet hans var fire og tjuge tusund.
16 Og dette er ættarhovdingarne yver Israel: Jarlen
for rubenitarne var Eliezer Zikrison, for simeonitarne
Sefatja Ma'akason; 17 for Levi Hasabja Kemuelsson,
for Arons-ætti Sadok, 18 hjå Juda Elihu, ein av David
brør, for Issakar Omri Mikaelsson, 19 for Sebulon
Jismaja Obadjason, for Naftali Jerimot Azrielsson
20 for Efraims-sønerne Hosea Azazjason, for den
halve Manasse-ætti Joel Pedajason, 21 for den halve
Manasse-ætti i Gilead Jiddo Zakarjason, for Benjamin
Ja'asiel Abnersson, 22 for Dan Azarel Jerohamson.
Dette var ættarhovdingarne i Israel. 23 Men David tok
ikkje tal på deim som var yngre enn tjuge år; for Herren
hadde sagt at han vilde auka Israel so dei vart mange
som stjernorne på himmelen. 24 Joab Serujason tok
til å telja, men fullførde det ikkje; for det kom vreide
yver Israel for telgjingi skuld, og talet vart ikkje uppsett
på nokor lista i kong Davids krønikebok. 25 Azmavet
Adielsson hadde tilsyn med skattarne åt kongen, og
Jonatan Uzziason med forrådi på marki, i byarne og
bygderne og borgerne. 26 Og Ezri Kelubsson såg til
med onne-arbeidarane, som dreiv med jordbruket. 27
Sime'i frå Rama vart sett yver vinhagarne, og Zabdi,
sifmiten, yver vinforrådi i vinhagarne. 28 Ba'al-Hanan
frå Gedera hadde tilsyn med oljeplantningarne og
fiketrei i låglandet, og Joas med oljeforrådi, 29 og
Sitrai frå Saron såg til med det storfeet som beitte i
Saron, og Safat Adlaison med storfeet i dalarne, 30
ismaeliten Obil med kamelarne, Jehdeja frå Meronot
med asnorne, 31 og hagariten Jaziz med småfeet. Alle
desse var tilsynsmenner yver eigorne åt kong David.
32 Men Jonatan, farbror åt David, var rådgjevar; han
var ein vitug og skriftlærd mann. Jehiel Hakmonison
var hjå kongssønerne. 33 Ahitofel var rådgjevaren åt
kongen, og Husai, arkiten, var kongens ven. 34 Etter
Ahitofel kom Jojada Benajason og Abjatar. Og Joab
var kongens herhovding.

**28** Og David kalla i hop alle Israels hovdingar til
Jerusalem, ættarhovdingarne, hovdingarne yver
herskifti som tente kongen, og hovudsmennerne yver
tusund og yver hundrad, og tilsynsmennerne yver all
eiga og buskapen åt kongen og sønerne hans, og dertil
hirdmennerne og kjemporne og alle djerve hermenner.
2 Og kong David reis upp og sagde: «Høyr på meg,
brørne mine, og folket mitt! Eg hadde tenkt meg til å
byggja eit hus til kvilestad for Herrens sambandskista
og for fotskammelen åt vår Gud, og eg hadde rådt meg
byggjevyrke. 3 Men Gud sagde til meg: «Du skal ikkje
byggja eit hus for namnet mitt; for du er ein hermann
og hev rent ut blod.» 4 Men Herren, Israels Gud, valde
like vel meg ut or heile farsætti mi til å vera konge yver
Israel i all æva; for Juda valde han ut til å vera fyrste,
og or Judas hus min fars hus, og millom sønerne åt far
min hadde han hugnad i meg, og gjorde meg til konge
yver Israel. 5 Og av alle sønerne mine - for Herren hev
gjeve meg mange søner - valde han ut Salomo, son
min, til å sitja i Herrens kongsstol yver Israel. 6 Og
han sagde til meg: «Salomo, son din, er den som skal
byggja huset mitt og fyregardarne mine; for honom hev
eg kåra ut til son min, og eg skal vera far hans. 7 Og
eg skal grunnfesta kongedømet hans for all tid, i fall
han er stød til å halda bodi og loverne mine liksom
no.» 8 Og no segjer eg framfor heile Israel, Herrens
lyd, og for vår Gud, som høyrer det: «Haldt alle bodi
frå Herren, dykkar Gud, og spør etter deim, so de
kann få hava dette gode landet og lata det ganga i
arv åt borni dykkar til æveleg tid!» 9 Og du Salomo,
son min, lær å kjenna far din's Gud, og å tena honom
med heilt hjarta og viljug sjæl! For Herren ransakar alle
hjarto og skynar alt det som rører seg i tankarne. Um
du søkjer Herren, so let han deg finna honom; men
vender du deg frå honom, so støyter han deg frå seg
for æveleg. 10 So sjå deg no fyre; for Herren hev kåra
deg ut til å byggja eit hus åt heilagdomen. Ver sterk og
tak fat på verket!» 11 Og David gav Salomo, son sin,
eit bilæte av forhalli og tempelbygnaderne og buderne,
yversalarne og innromi og romet åt nådestolen, 12 og
eit bilæte av alt det som leika i hugen hans, av tuni åt
Herrens hus, og alle kovarne rundt ikring for skattarne
som høyrde Guds hus til, og for dei ting som var vigde
åt Herren, 13 og fyreskrifter um presteskifti og levitskifti
og um all tenesta i Herrens hus, og um alle kjeraldi
som skulde brukast ved gudstenesta i Herrens hus, 14
og um gullet med uppgåva på den gullvegti som kvart
kjerald til gudstenesta heldt, og um all sylvkjerald med
uppgåva på vegti som kvart kjerald til tenesta heldt.
15 Og han gav upp vegti på gull-ljosestakarne med
gull-lamporne som til høyrde, serskilt for kvar stake og
lampa, og vegti på kvar sylvljosestake med lamporne
som til høyrde, etter det kvar stake skulde brukast
til, 16 like eins vegti på gullet til skodebrødsbordi,
kvart bord for seg, og sylvet til sylvbordi. 17 Og han
gav honom fyreskrifter um gaflarne og skålerne og
kannorne av skirt gull, og um gullstaupi og sylvstaupi,
og gav upp vegti på kvart gullstaup og sylv staup,
18 og um røykjelsealtaret av reinsa gull etter vegt,
og eit bilæte av vogni, gullkerubarne som breidde ut

vengjerne og hylde Herrens sambandskista. 19 «Um
alt dette, » sagde David, «som skal gjerast etter bilæte,
hev Herren rettleidt meg i ei skrift frå si hand.» 20 Og
David sagde til Salomo, son sin: «Ver sterk og stød
og tak fat på verket; du skal ikkje ræddast og ikkje
fæla. For Gud Herren, min Gud, skal vera med deg.
Han vil ikkje sleppa deg og slå handi av deg, fyrr det
er fullført, alt arbeidet som skal gjerast for tenesta i
Herrens hus. 21 Og sjå, her er alle skifti av prestar og
levitar, som skal gjera allskyns tenesta i Guds hus. Og
til alt som skal gjerast, hev du hjå deg alle slag folk
som er viljuge og hev fenge visdom til alle slag arbeid;
dessutan er hovdingarne og alt folket reiduge til alt det
du segjer deim fyre.»

**29** Og kong David sagde til heile lyden: «Salomo,
son min, den einaste Gud hev valt ut, er ung og
kløkk, og arbeidet er stort; for denne borgi er ikkje
etla til eit menneskje, men til Gud Herren. 2 Men det
meste eg hev kunna, hev eg, åt huset for min Gud,
rådt meg gull til det som skal vera av gull, sylv til det
som skal vera av sylv, kopar til det som skal vera
av kopar, jarn til det som skal vera av jarn, og tre
til det som skal vera av tre, dessutan sjohamsteinar
og andre innfellingssteinar, svartblanke og brokute
steinar, stutt sagt allskyns dyre steinar og marmorstein
i mengd. 3 Og etter di eg tykkjer um Guds hus, gjev
eg dessutan det eg eig av gull og sylv til min Guds
hus umfram alt det eg hev rådt meg åt det heilage
huset, 4 tri tusund talent gull, Ofir-gull, og sju tusund
talent reinsa sylv, so dei kann klæda veggjerne i husi
med det, 5 og gjera alle dei ting som skal vera av gull,
og deim som skal vera av sylv, ja, all slags arbeid
som kunstmenner kann gjera. Vil då nokon annan no i
dag godvilljugt fylla handi si med gåvor åt Herren?» 6
Dei kom då friviljugt, hovdingarne for ættgreinerne og
Israels ættarhovdingar, og hovdingarne yver tusund og
yver hundrad og formennerne yver kongens arbeid. 7
Og dei gav til arbeidet på Guds hus fem tusund talent
og femti tusund dalar gull, ti tusund talent sylv, attan
tusund talent kopar og eit hundrad tusund talent jarn.
8 Og kvar og ein som hadde dyre steinar i sitt eige,
gav deim til skatten i Herrens hus, som gersoniten
Jehiel hadde i varveitsla. 9 Og folket gledde seg yver
at dei gav unøydde; for av heile sitt hjarta kom dei
friviljugt med gåvorne sine åt Herren; kong David og
gledde seg storom. 10 Og David lova Herren framfor
heile lyden; David sagde: «Lova vere du, Herre, du
Gud åt far vår Israel, frå æva til æva! 11 Deg, Herre,
høyrer stordomen til og velde og æra og bragd og
herlegdom, ja, alt som i himmelen og på jordi er; ditt er
riket, Herre, og du hev hevja deg upp til eit hovud yver
alt. 12 Rikdom og æra kjem frå deg, du råder yver alt,
og i di hand er kraft og velde; det stend i di hand å
gjera alt stort og sterkt. 13 So prisar me deg no, vår
Gud, og lover ditt herlege namn. 14 For kven er eg, og
kva er folket mitt, at me sjølve skulde evla å gjeva slike
gåvor friviljugt? Nei, frå deg kjem alt, og or di hand
hev me gjeve deg det. 15 For me er framande for di
åsyn, og gjester som alle våre feder; som ein skugge
er våre dagar på jordi, og utan von. 16 Herre, vår Gud,
all denne midelen som me hev rådt oss, so me kunde
byggja deg eit hus for det heilage namnet ditt - frå di
hand er han komen, og ditt er alt i hop. 17 Og eg veit,
min Gud, at du ransakar hjarto og hev hugnad i det
som rett er. Med ærlegt hjarta hev eg bore fram alle
desse gåvorne sjølvviljugt, og no hev eg set med gleda
korleis folket ditt, som her stend, hev sjølvviljugt bore
fram åt deg gåvorne sine. 18 Herre, Abrahams, Isaks
og Israels Gud, fedreguden vår, lat hugen og tankarne
hjå folket ditt allstødt vera viljuge til slike ting, og vend
hjarto deira til deg! 19 Og gjev Salomo, son min, eit
heilt hjarta til å fylja bodi, loverne og fyreskrifterne
dine, og gjera alt dette, og byggja den borgi som eg
hev gjort fyrebuingar til!» 20 So sagde David til heile
lyden: «Lova Herren, dykkar Gud!» Og heile lyden lova
Herren, fedreguden sin, og kasta seg ned å gruve for
Herren og for kongen. 21 Og andre dagen slagta dei
slagtoffer og ofra brennoffer åt Herren: tusund uksar,
tusund verar og tusund lamb med dei drykkofferi som
til høyrde, og ei stor mengd med slagtoffer for heile
Israel. 22 Og dei åt og drakk for Herrens åsyn på den
dagen med stor gleda. Og dei gjorde Salomo, son åt
David, andre gongen til konge; dei salva honom til ein
fyrste for Herren, og Sadok til prest. 23 Og Salomo
konge sat då konge i Herrens kongsstol etter David,
far sin, og var lukkeleg, og heile Israel lydde honom.
24 Og alle hovdingarne og kjemporne, og dessutan alle
sønerne åt kong David gav seg under kong Salomo.
25 Og Herren gjorde Salomo ovleg stor for augo åt
heile Israel og gav honom ein kongeleg herlegdom
som ingen konge i Israel fyre honom hadde havt. 26
Men David, son åt Isai, hadde rådt yver heile Israel. 27
Den tidi han var konge yver Israel, var fyrti år; i Hebron
styrde han i sju år, og i Jerusalem styrde han i tri og
tretti år. 28 Og han døydde i ein god alderdom, mett
av dagar og rikdom og æra. Og Salomo, son hans,
vart konge i staden hans. 29 Og soga um kong David
frå upphavet til enden, ho er uppskrivi i krønikeboki
åt sjåaren Samuel, i krønikeboki åt profeten Natan
og i krønikeboki åt sjåaren Gad. 30 Der er og fortalt
um heile styringi hans, og um storverki hans, og den
lagnad som kom yver honom og Israel og alle andre
land og rike.

# 2 Krønikebok

**1** Salomo, son åt David, vart grunnfest i kongedømet
sitt, og Herren hans Gud, var med honom, og
gjorde honom overlag stor. **2** Då let Salomo bod fara
yver heile Israel, til hovdingarne yver tusund og yver
hundrad, til domarane og til alle hovdingarne i Israel,
ættarhovdingarne. **3** Og Salomo og heile lyden drog til
offerhaugen i Gibeon. For der stod Guds møtetjeld, det
som Moses, Herrens tenar, hadde gjort i øydemarki.
**4** Men Guds kista hadde David flutt upp ifrå Kirjat-
Jearim til den staden han hadde laga til åt henne, for
han hadde late reisa eit tjeld åt henne i Jerusalem.
**5** Og koparaltaret som Besalel hadde gjort, son åt
Uri, son åt Hur, det stod der framanfor Herrens hus,
og der søkte Salomo og lyden honom. **6** Der ofra
Salomo for Herrens åsyn på koparaltaret som høyrde
til møtetjeldet, og han ofra tusund brennoffer der. **7**
I den same natti openberra Gud seg for Salomo og
sagde til honom: «Seg kva du vil eg skal gjeva deg!» **8**
Salomo svara Gud: «Du hev vist stor miskunn imot
David, far min, og du hev gjort meg til konge i hans
stad. **9** So lat då, Herre Gud, ordet ditt til David, far
min sannast! for du hev gjort meg til konge yver eit
folk som er mangment som dusti på jordi. **10** Gjev
meg då visdom og kunnskap, so eg kann vera leidar
og førar for folket! for kven evlar døma dette store
folket ditt?» **11** Då sagde Gud til Salomo: «For di
hugen din hev stade til dette, og du ikkje hev bede
um rikdom, skattar, æra, eller at uvenerne dine skal
døy, og heller ikkje hev bede um eit langt liv, men um
visdom og kunnskap til å døma folket mitt, som eg hev
gjort deg til konge yver, **12** so skal du få den visdom
og kunnskap, men eg gjev deg rikdom og skattar og
æra og, so at ingen konge fyre deg hev åtta maken, og
ingen skal heller eiga maken etter deg!» **13** Sidan for
Salomo frå offerhaugen i Gibeon, frå staden framanfor
møtetjeldet, og til Jerusalem, og han var konge yver
Israel. **14** Salomo samla krigsvogner og folk, so at han
hadde fjortan hundrad vogner og tolv tusund hestfolk,
og dei lagde han, sume i vognbyarne og sume hjå seg
sjølv i Jerusalem. **15** Kongen gjorde sylvet og gullet i
Jerusalem likso vanlegt som stein, og cedertreet likso
vanlegt som morberfiketre i låglandet. **16** Hestarne sine
fekk Salomo frå Egyptarland, med di kjøpmennerne åt
kongen kjøpte deim der mot betaling. **17** Dei førde ut
ei vogn frå Egyptarland for seks hundrad sylvdalar og
ein hest for hundrad og femti. Og ved deira hjelp førde
dei ut slike på same måten til alle hetitarkongarne og
til syrarkongarne.

**2** Salomo sette seg fyre at han vilde byggja eit hus
for Herrens namn og eit hus for sitt kongedøme. **2**
Difor tok han ut sytti tusund berarar og åtteti tusund
steinhoggarar på fjelli og tri tusund og seks hundrad
til å hava tilsyn med deim. **3** So sende han dette
bodet til Huram, kongen i Tyrus: «Liksom du gjorde
med David, far min, då du sende honom cedertre
til å byggja seg eit hus som han kunde bu i. **4** Eg
skal no til å byggja eit hus for namnet åt Herren, min
Gud, og vil vigja det til honom soleis at ein der kann
kveikja finangande røykjelse, leggja fram dei daglege
skodebrødi og ofra brennoffer morgon og kveld, på
kviledagarne, nymånedagarne og høgtiderne åt Herren
vår Gud; for det er skyldnaden åt Israel til æveleg
tid. **5** Det huset som eg vil byggja, skal vera stort; for
vår Gud er større enn alle gudar. **6** Kven magtast å
byggja honom eit hus? For jamvel himlarne og himle-
himlarne kann ikkje røma honom. Og kven er eg, at eg
skulde byggja honom eit hus, um det ikkje vore for å
kveikja offereld for hans åsyn! **7** So send meg då ein
kunnig mann som er hag til å arbeida i gull og sylv og
kopar og jarn og i purpurraudt og karmesinraudt og
purpurblått garn, og som kann med utskurd, saman
med dei kunnige folk som eg hev her i Judalandet
og Jerusalem, og som far min hev tinga. **8** Og send
meg cedertre, cypresstre og algummimtre frå Libanon;
for eg veit at folki dine er dugelege til å hogga tre på
Libanon; og folki mine skal vera med dine folk. **9** Lat
meg få mykje trevyrke; for huset som eg vil byggja,
skal vera stort og underfullt. **10** Til upphelde for dei
timberhoggarane som høgg trei, og som er dine folk,
vil eg gjeva seksti tusund tunnor kveite, seksti tusund
tunnor bygg, tjuge tusund anker vin og tjuge tusund
anker olje.» **11** Huram, kongen i Tyrus, svara i eit
brev som han sende Salomo: «For di Herren elskar
folket sitt, hev han sett deg til konge yver deim.»
**12** Og Huram sagde framleides: «Lova vere Herren,
Israels Gud, som hev skapt himmelen og jordi, han
som hev gjeve kong David ein vis son, som hev vit
og skyn til å byggja eit hus for Herren og eit hus for
sitt kongedøme. **13** No sender eg deg ein vis mann
med godt skyn, Huram, far min. **14** Han er son åt ei
kvinna av Dans-ætti, men far hans var ein mann frå
Tyrus; han er hæv til å arbeida i gull og sylv, i kopar og
jarn og stein og tre, i purpurraudt og purpurblått og
kvitt og karmesinraudt garn, til å skjera allslag utskurd,
og skapa alle dei kunstverk som han fær til fyreloga,
saman med kunstnarane dine og kunstnarane åt min
herre David, far din. **15** Difor kann min herre senda
trælarne sine kveiten og bygget, oljen og vinen som
du hev tala um. **16** So vil me hogga so mange tre
på Libanon som dei hev bruk for, og senda deim på

timberflotar yver havet til Jafo; so fær du sjølv henta
deim upp til Jerusalem.» 17 Salomo let då rekna upp
alle dei framande mennerne som budde i Israels land,
etter den teljingi som David, far hans, hadde gjort; og
dei kom til at det var hundrad og tri og femti tusund
og seks hundrad. 18 Av deim gjorde han sytti tusund
til berarar, åtteti tusund til steinhoggarar på fjelli og
tri tusund og seks hundrad til formenner som skulde
halda folket i arbeid.

**3** So tok Salomo til å byggja Herrens hus i Jerusalem,
på Moriafjellet der Herren hadde openberra seg for
David, far hans, på den staden som David hadde laga
til på treskjaarvollen åt jebusiten Ornan. 2 Han tok til å
byggja på den andre dagen i den andre månaden i
sitt fjorde styringsår. 3 Då no Salomo skulde byggja
Guds hus, lagde han grunnen soleis: Lengdi var seksti
alner etter det gamle målet, og breiddi tjuge alner.
4 Forhalli som låg framanfor langhuset, framanfor
breidsida, var tjuge alner lang og hundrad og tjuge
alner høg, og innvendes klædde han henne med skirt
gull. 5 Hovudromet klædde han med cypresstre, og
han klædde det dessutan med egte gull og prydde det
med palmor og kransar. 6 Han klædde romet med dyre
steinar til prydnad, og gullet var kome frå Parvajim.
7 Og han klædde huset, bjelkarne, dørstokkarne og
veggjerne og dørerne med gull og skar ut kerubar i
veggjerne. 8 Romet for det høgheilage bygde han
soleis at lengdi etter breidsida åt hovudromet var tjuge
alner, og breiddi tjuge alner, og han klædde det med
egte gull, som vog femtan hundrad våger. 9 Vegti på
spikrarne var seksti lodd i gull; dei øvre romi klædde
han med gull. 10 I det høgheilage romet gjorde han tvo
kerubar i bilætskurd, og deim klædde han med gull. 11
Vengjerne på kerubarne var tjuge alner i lengd; den
eine vengen på den eine keruben var fem alner lang
og tok veggen i romet, og den andre vengen var og
fem alner lang og tok i vengen på den andre keruben;
12 og den eine vengen på den andre keruben var fem
alner lang og tok veggen i romet, og den andre vengen
var og fem alner lang og nådde til vengen på den fyrste
keruben. 13 Vengjerne på desse kerubarne var tjuge
alner i si fulle lengd; og dei stod upprette og snudde
andliti innetter. 14 Og han gjorde forhenget purpurblått
og purpurraudt og karmesinraudt og kvitt garn, og
han prydde det med kerubar. 15 Og han gjorde tvo
sulor til å standa framanfor huset. Dei var fem og tretti
alner høge, og hovudet på deim var fem alner. 16
Dessutan gjorde han hengjekransar til koren og sette
deim på det øvste av sulorne; og på hjengjekransarne
sette han hundrad granateple. 17 Sulorne sette han
framanfor templet, ei til høgre og ei til vinstre; den som
var høgre, kalla han Jakin, den vinstre Boaz.

**4** Og han gjorde eit altar av kopar, tjuge alner langt,
tjuge alner breidt og ti alner høgt. 2 Og han gjorde
havet i støypt arbeid; det var ti alner frå den eine
kanten til den andre, rundt alt ikring, fem alner høgt,
og ei mælesnor på tretti alner gjekk ikring det. 3 Under
kanten var det sett bilæte av uksar rundt ikring det; det
var ti på kvar aln, det var tvo rader av deim rundt heile
havet, og dei var støypte saman med det. 4 Det stod
på tolv uksar; av deim snudde tri mot nord, tri mot vest,
tri mot sud, og tri mot aust, soleis at havet var ovanpå
deim, og dei snudde bakkropparne innetter. 5 Det var
ei handbreidd tjukt, og kanten var som på eit staup
og laga som ein liljeblom. Det tok tri tusund anker. 6
Framleides gjorde han ti tvåttebaljor, og av deim sette
han fem på høgre og fem på vinstre sida; i deim skylde
dei det som høyrde til brennofferi, men havet bruka
prestarne til tvætte. 7 Og han gjorde ti ljosestakar
av gull i samhøve med det som var fyreskrive, og
sette deim i tempelbygnaden, fem på høgre og fem
på vinstre sida. 8 Og han gjorde ti bord, som han
sette i templet, fem på høgre og fem på vinstre sida.
Han gjorde og hundrad skåler av gull. 9 Framleides
gjorde han prestetunet og den store garden og dører
til garden, og dørerne klædde han med kopar. 10
Havet sette han upp på høgre sida mot sudaust. 11
Huram gjorde oskefati og skuflerne og skålerne, og
han fullførde det arbeidet som han gjerde for kong
Salomo i Guds hus: 12 tvo sulor med dei tvo kulorne
og hovudi ovanpå deim, dei tvo neti til å klæda dei
tvo kulerunde hovudi på sulorne, 13 dei fire hundrad
granatepli til dei tvo neti, tvo rader med granateple for
kvart net til å klæda dei kulerunde hovudi på sulorne,
14 og fotstykki gjorde han, og baljorne gjorde han på
fotstykki, 15 havet, eitt stykke, med dei tolv uksarne
under. 16 Oskefati, skuflerne og gaflarne og alt det
som høyrde til, gjorde Huram, far hans, til Herrens hus,
for kong Salomo, dei var av blank kopar. 17 Kongen
støypte deim nedi Jordan-kverven, i støypeformar av
jord millom Sukkot og Seredata. 18 Alle desse tingi let
Salomo gjera i stor mengd, for det vart ikkje røkt etter
kva koparen vog. 19 Framleides gjorde Salomo alle dei
tingi som skulde vera i Guds hus: gullaltaret, bordi som
skodebrødi var på, 20 ljosestakarne med lamporne,
som skulde kveikjast på fyreskriven måte, framfyre
koren, av skirt gull, 21 med blomarne og lamporne og
ljossakserne av gull, og det av det aller beste gullet,
22 knivarne og skålarne og kannorne og glodpannorne
av skirt gull, og med umsyn til inngangarne til huset,
so var dei indre dørerne til det høgheilage romet, og
dørerne i huset, som førde til tempelsalen, av gull.

**5** Då no heile det arbeidet var ferdigt som Salomo
let gjera åt Herrens hus, då førde Salomo inn dit
heilaggåvorne åt David, far sin: sylvet og gullet og alle
gognerne lagde han ned i skattkammeri i Guds hus. **2**
So kalla Salomo saman styresmennerne i Israel og
alle ættarhovdingarne, formennerne for ættgreinerne
åt Israels-sønerne, til Jerusalem for å føra Herrens
sambandskista upp ifrå Davidsbyen, det er Sion. **3** Då
samla alle Israels-mennerne seg hjå kongen i helgi; det
er den sjuande månaden. **4** Og alle styresmennerne i
Israel kom, og levitarne bar kista. **5** Og dei førde kista
og møtetjeldet dit upp og alle dei heilaggognerne som
var i tjeldet, og prestarne og levitarne bar deim. **6** Og
kong Salomo og heile Israels-lyden, som hadde samla
seg hjå honom, dei stod framfyre kista og ofra småfe
og storfe, so mange at dei ikkje kunde reknast eller
teljast. **7** So førde prestarne Herrens sambandskista
inn på staden sin i koren i huset, i det høgheilage,
under vengjerne åt kerubarne. **8** Og kerubarne breidde
ut vengjerne sine yver den staden der kista stod, og
soleis tekte kerubarne yver kista og berestengerne
hennar. **9** Berestengerne var so lange at ein såg
stongendarne som stod fram frå kista, framanfor koren;
men ein såg deim ikkje utanfor. Og dei vart verande
der til den dag i dag. **10** Det fanst ikkje anna i kista enn
dei tvo tavlorne som Moses hadde lagt ned i henne ved
Horeb, då Herren gjorde samband med Israels-borni
då dei drog ut or Egyptarland. **11** Då prestarne so gjekk
ut or heilagdomen, for alle dei prestarne som var der,
hadde vigt seg, so det var ikkje naudsynlegt å halda
seg etter skifti, **12** og alle dei levitiske songararne,
både Asaf, Heman og Jedutun og sønerne og brørne
deira, stod i kvite linklæde med cymblar, harpor og
cithrar austanfor altaret, og hjå deim hundrad og tjuge
prestar som bles i lurar, **13** og i same augneblinken då
lurblåsarane og songarane sette i alle som ein med å
lova og prisa Herren, og dei let lurarne og cymblarne
og spelgognerne klinga, og lova Herren for han er
god, og hans miskunn varer æveleg - då vart huset,
Herrens hus, fyllt av ei sky, **14** so prestarne kunde ikkje
standa og gjera tenesta for skuld skyi; for Herrens
herlegdom fyllte Guds hus.

**6** Då sagde Salomo: «Herren hev sagt at han vil bu i
dimma. **2** Men eg hev bygt eit hus til bustad åt deg,
og ein stad der du kann dvelja ævelegt.» **3** So snudde
kongen seg og velsigna heile Israels-lyden, medan
heile Israels-lyden stod. **4** Og han sagde: «Lova vere
Herren, Israels Gud, som hev fullenda det med handi
si som hans munn tala til David, far min, den gongen
han sagde: **5** «Frå den tid då eg henta folket mitt ut or
Egyptarland, hev eg ikkje valt ut nokon by av Israels
ætter til å byggja eit hus i som namnet mitt kunde bu i,
og eg hev ikkje kåra nokon mann til å vera styrar yver
Israel, folket mitt; **6** men no hev eg valt Jerusalem til at
namnet mitt kann bu der, og eg hev kåra David til å
styra yver Israel, folket mitt.» **7** Og David, far min, var
meint på å byggja eit hus for namnet åt Herren, Israels
Gud. **8** Men Herren sagde til David, far min: «Når du
hev vore meint å byggja eit hus for mitt namn, då hev
du gjort vel med at du hev slikt i tanken; **9** like vel skal
ikkje du byggja huset, men son din, som gjeng ut or
lenderne dine, han skal byggja huset for mitt namn.»
**10** No hev Herren sett i verk det ordet som han tala;
og eg er komen i far min's stad, og hev sett meg på
Israels kongsstol, soleis som Herren hev sagt det, og
eg hev bygt huset for namnet åt Herren, Israels Gud.
**11** Og der hev eg sett den kista som gøymer Herrens
samband er i, det som han gjorde med Israels-borni.»
**12** So stelte han fram for Herrens altar midt for heile
Israels-lyden og breidde ut henderne. **13** For Salomo
hadde gjort ein tram av kopar, fem alner lang, fem
alner breid og tri alner høg, og hadde sett honom
midt i garden; på den stod han; og han fall på kne
framfyre heile Israels-lyden og breidde ut henderne
mot himmelen, **14** og sagde: «Herre, Israels Gud, det
finst ingen Gud som du i himmelen eller på jordi, du
som held uppe sambandet og nåden mot tenararne
dine når dei ferdast for di åsyn med heile sitt hjarta, **15**
du som hev halde det du lova tenaren din, David, far
min, og som hev fullenda med handi det du tala med
munnen, som det syner seg i dag. **16** So haldt no og,
Herre, Israels Gud, det som du lova tenaren din, David,
far min, då du sagde: «Aldri skal den tid koma at det
ikkje sit ein mann av di ætt på Israels kongsstol for mi
åsyn, når berre sønerne dine vil taka på vegen sin og
ferdast i mi lov, liksom du hev ferdast for mi åsyn.» **17**
So lat no, Herre, Israels Gud, det ordet sannast som
du hev tala til tenaren din, David! **18** Men kann då Gud
i røyndi bu hjå menneski på jordi? Sjå himlarne, ja
himle-himlarne kann ikkje røma deg, kor mykje mindre
då dette huset som eg hev bygt! **19** Men vend deg like
vel til bøni åt tenaren din, og hans påkalling, Herre,
min Gud, so du høyrer på det ropet og den bøni som
tenaren din bed for di åsyn, **20** og let augo dine vera
opne mot dette huset dag og natt, mot den staden der
du hev lova at namnet ditt skal bu, so du høyrer på
den bøni som tenaren din vender mot denne staden,
**21** og høyr på den påkalling som tenaren din og Israel,
folket ditt, vender imot denne staden; høyr ifrå den
staden der du bur, frå himmelen, høyr og tilgjev! **22**
Forsyndar einkvar seg mot næsten sin, og dei legg ein
eid på honom, so ein let honom sverja, og han kjem
inn og sver framfyre altaret ditt i dette huset, **23** so
må du høyra frå himmelen og setja i verk og døma

imillom tenararne dine, med di du gjev den skuldige
attergjeld, og let honom lida for si åtferd, og frikjenner
den rettferdige og let honom få etter si rettferd. 24 Og
um folket ditt, Israel, fær usiger mot fienden for di dei
syndar imot deg, og dei so vender um og vedkjennest
ditt namn, og bed og påkallar for di åsyn i dette huset,
25 so må du høyra det frå himmelen og tilgjeva Israel,
folket ditt, den syndi dei gjorde, og føra deim heim
att til det landet som du hev gjeve deim og federne
deira. 26 Når himmelen let seg att, og regnet ikkje
kjem, for di dei syndar imot deg, og dei so snur seg
imot denne staden med bøn, og dei vedkjennest ditt
namn og vender um frå syndi si av di du audmykjer
deim, 27 so må du høyra det frå himmelen og tilgjeva
tenararne dine og Israel, folket ditt, syndi deira, for
du lærer deim den gode vegen dei skal ganga på, og
du må gjeva regn yver landet ditt, som du hev gjeve
folket ditt til odel og eiga. 28 Når det kjem uår i landet,
når det kjem farsott, når det kjem moldaks og rust,
eller det kjem engspettor og åmor, eller fiendarne deira
trengjer deim i det landet der byarne deira er, eller
kva for ei plåga eller sjukdom det er, 29 kvar gong det
då stig upp ei bøn eller audmjuk påkalling frå noko
menneskje eller frå heile ditt folk Israel, med di kvar og
ein kjenner si plåga og pina og retter ut henderne sine
mot dette huset, 30 so må du høyra frå himmelen, den
staden der du bur, og tilgjeva, med di du gjev kvar
mann lika for all hans ferd, av di du kjenner hjarta hans
- for einast du kjenner mannehjarta - 31 so dei må
ottast deg og fylgja dine vegar all den tid dei liver på
den jordi som du hev gjeve federne våre. 32 Jamvel
den framande, som ikkje høyrer til Israel, folket ditt,
men kjem frå eit land langt burte, for ditt store namn,
di sterke hand og din strake arm skuld, når dei kjem
og vender bønerne sine mot dette huset, 33 då må
du høyra frå himmelen, frå den staden der du bur, og
gjera alt som den framande ropar til deg um, so alle
folk på jordi må læra å kjenna namnet ditt og ottast
deg, liksom Israel, folket ditt, og skyna at dette huset
som eg hev bygt, er uppkalla etter ditt namn. 34 Når
folket ditt fer ut i herferd mot fiendarne sine, på den
vegen som du sender deim, og dei so bed til deg med
andlitet imot den byen som du hev valt ut, og det huset
eg hev bygt åt namnet ditt, 35 då må du frå himmelen
høyra bøni og påkallingi deira, og hjelpa deim til retten
sin. 36 Og når dei syndar mot deg - for det finst ikkje
noko menneskje som ikkje syndar - og du harmast på
deim og let fienden få magt yver deim, so han fangar
deim og fører deim burt til eit land langt av leid eller
nær ved, 37 og dei so tenkjer seg um i det landet der
dei er fangar, og vender um og bed deg um nåde i
det landet der dei er i utlægdi si, og sannar: «Me hev
synda, me hev gjort ille og vore ugudlege, » 38 og
dei vender um til deg med heile sitt hjarta og all si
sjæl i det landet dei er burtførde til og fangar i, og dei
bed med di deg snur seg imot landet sitt, som du hev
gjeve federne deira, imot den byen som du hev valt
ut, og det huset eg hev bygt for namnet ditt, 39 so
må du høyra på bøni og påkallingi deira frå himmelen
der du bur, og hjelpa deim til sin rett og tilgjeva folket
ditt det som det hev synda imot deg. 40 So vere då,
min Gud, augo dine opne, og øyro dine agte på bøni
på denne staden! 41 So reis deg då, Herre Gud, og
kom til kvilestaden din, du med di velduge kista! Lat
prestarne dine, Herre Gud, klæda seg i frelsa, og dine
gudlege gleda yver det gode! 42 Herre Gud, vis ikkje
ifrå deg åsyni åt den du hev salva, kom i hug nåden
mot David, tenaren din!»

**7** Då Salomo hadde slutta bøni si, for det eld ned frå
himmelen og åt upp brennofferet og slagtofferi, og
Herrens herlegdom fyllte huset. 2 Prestane kunde ikkje
ganga inn i Herrens hus, for di Herrens herlegdom
fyllte Herrens hus. 3 Og då alle Israels-borni såg
korleis elden for ned og Herrens herlegdom kom yver
huset, då kasta dei seg på kne i den steinlagde garden
med andlitet mot jordi og tilbad og lova Herren, for han
er god, og hans miskunn varer æveleg. 4 Og kongen
og heile folket og ofra slagtoffer for Herrens åsyn.
5 Og kong Salomo ofra tvo og tjuge tusund stykke
storfe og hundrad og tjuge tusund stykke småfe til
slagtoffer, og soleis vigde kongen og heile folket Guds
hus. 6 Og prestarne stod på sine postar, og levitarne
stod med Herrens spelgogner, som kong David hadde
late gjera til å lova Herren for di hans miskunn varer
æveleg, og dei førde fram Davids lovprisning, medan
prestarne bles i lurarne midt imot deim, og heile Israel
stod. 7 Og Salomo vigde den midtre luten av tunet
framfyre Herrens hus, for di han laut ofra brennoffer
og feittstykki av takkofferi der; for koparaltaret som
Salomo hadde gjort, kunde ikkje røma brennofferi,
grjonofferi og feittstykki. 8 På den tid høgtida Salomo
helgi i sju dagar saman med heile Israel; det var ein
ovstor møtelyd, like frå den staden der vegen gjeng
til Hamat og til Egyptarlands-bekken. 9 Og på den
åttande dagen heldt dei ei stor samlingshøgtid; for dei
høgtida altarvigsla i sju dagar og helgi i sju dagar.
10 Og på den tri og tjugande dagen i den sjuande
månaden let han folket fara heim, glade og velnøgde
yver alt det gode som Herren hadde gjort mot David,
tenaren sin, og imot Salomo og imot Israel, folket sitt.
11 No var Salomo ferdig med å byggja Herrens hus
og kongshuset; og alt det han hadde sett seg fyre at
han vilde gjera med Herrens hus og sitt hus, det førde
han til endes godt og vel. 12 Då synte Herren seg for

Salomo um natti og sagde til honom: «Eg hev høyrt
bøni di og valt meg denne staden til offerstad for meg.
13 Um eg let att himmelen, so regnet ikkje kjem, eller
um eg byd engsprettorne å øyda landet, eller um eg
sender farsott imot folket mitt, 14 og folket mitt, som er
uppkalla etter namnet mitt, då bøygjer seg og bed og
søkjer mi åsyn og vender um frå si vonde ferd, då vil
eg høyra frå himmelen og tilgjeva syndi deira og lækja
landet deira. 15 No skal augo mine vera opne og øyro
mine agta på bøni på denne staden. 16 No hev eg valt
ut og helga dette huset til at namnet mitt skal bu der
til æveleg tid, og augo mine og hjarta mitt skal vera
der alltid. 17 Um du no ferdast for mi åsyn soleis som
David, far din, ferdast, so du gjer alt det som eg hev
bode deg, og held lovorne og rettarne mine, 18 so vil
eg halde uppe kongsstolen din, soleis som eg hev lova
David, far din det, då eg sagde: «Aldri skal det vanta
deg ein mann til å råda yver Israel.» 19 Men dersom
de snur meg ryggen og svik loverne og bodi mine,
som eg hev lagt fram for dykk, og gjeng av stad og
dyrkar framande gudar og bed til deim, 20 då vil eg
jaga dykk burt ifrå landet mitt, som eg hev gjeve dykk,
og dette huset, som eg hev helga til mitt namn, det vil
eg føykja burt ifrå mi åsyn og gjera det til eit ordtøke og
ei spott millom alle folk. 21 Og yver dette huset, som
var so høgreist, skal alle verta forfærde som gjeng
framum det, når dei segjer: «Kvifor hev Herren fare
soleis åt med dette landet og dette huset?» 22 då
skal dei svara: «For di dei vende seg ifrå Herren, sin
fedregud, som førde deim ut or Egyptarland, og heldt
seg til andre gudar, og bad til deim og tente deim. Difor
hev Herren late alt dette vonde koma yver deim.»»

**8** Då no dei tjuge åri var ute som Salomo hadde bygt
på Herrens hus og sitt hus, 2 bygde Salomo upp dei
byarne som Huram hadde late frå seg til honom, og let
Israels-sønerne busetja seg i deim. 3 So drog Salomo til
Hamat-Soba og lagde det under sitt velde. 4 Han bygde
Tadmor og, i øydemarki, og alle dei forrådsbyarne
som han bygde i Hamat. 5 Sameleis bygde han
Øvre Bet-Horon og Nedre Bet-Horon til festningar
med murar, portar og portbommar, 6 og Ba'alat og
forrådsbyarne som Salomo hadde, alle vognbyarne og
hestbyarne og alt det andre som Salomo hadde hug til
å byggja i Jerusalem, på Libanon og i heile sitt rike. 7
Alt det folket som fanst att av hetitarne, amoritarne,
perizitarne, hevitarne og jebusitarne, som ikkje var
av Israels-folket, 8 av sønerne åt deim som hadde
vorte att etter deim i landet, av di Israels-sønerne ikkje
hadde gjort ende på deim, av deim var baud Salomo
ut til pliktarbeid, og soleis hev det vore til den dag i
dag. 9 Men av Israels-sønerne gjorde Salomo ingen
til arbeidstrælar, men dei vart herfolk, hovdingar for
kjemporne hans og hovdingar yver stridsvognerne
og hestfolket hans. 10 Av arbeidsfutar hadde kong
Salomo tvo hundrad og femti, som rådde yver folket.
11 Dotter åt Farao førde kong Salomo frå Davidsbyen
til det huset han hadde bygt åt henne; for han sagde:
«Ingi kvinna må bu i huset åt David, Israels konge; for
desse staderne er heilage, for dit hev Herrens kista
kome.» 12 Den gongen ofra Salomo brennoffer til
Herren på Herrens altar, som han hadde bygt framfyre
forhalli. 13 Kvar dag ofra han dei offer som kravdest
på den dagen etter bodet åt Moses, på kviledagarne,
nymånedagarne og høgtiderne tri gonger for året:
søtebrødhelgi, sjuvikehelgi og lauvhyttehelgi. 14 Og
etter fyresegni åt David, far sin, sette han prestskifti
til sine tenestor, og levitarne til sine tenestor, til å
lovsyngja og ganga prestarne til handa etter som det
turvest for kvar dag, og sameleis dørvaktarflokkarne
kvar ved sine portar; for soleis hadde gudsmannen
David bode. 15 Og ikkje i nokon måte veik dei ifrå
det som kongen hadde bode um frå prestarne og
levitarne eller skattkamri. 16 Soleis vart det utført heile
Salomos verk, fyrst til den dagen grunnvollen vart lagd
til Herrens hus, og sidan til det var fullført. Og so var
då Herrens hus ferdigt. 17 Den gongen drog Salomo til
Esjon-Geber og til Elot ved havstrandi i Edomlandet.
18 Og Huram sende skip og sjøvant mannskap til
honom med folki sine, dei siglde til Ofir saman med
folki åt Salomo, og derifrå henta dei elleve hundrad
våger gull, som dei førde til kong Salomo.

**9** Då dronningi i Saba høyrde gjetordet um Salomo,
drog ho til honom i Jerusalem og vilde røyna honom
med djupe gåtor. Ho kom med eit ovstort fylgje, med
kamelar som var klyvja med kryddor og gull i store
mengder og glimesteinar. Og då ho var komi til Salomo,
lagde ho fram for honom alt det ho hadde på hjarta.
2 Men Salomo gav henne svar på alle spurningarne
hennar, og det var ingenting dult for honom, som han
ikkje kunde svare på. 3 Då dronningi frå Saba såg
kor vis Salomo var, og huset som han hadde bygt,
4 og retterne på bordet hans, korleis hirdmennerne
hans sat der, og korleis tenarane hans varta upp og
var klædde, skjenkjarsveinarne hans og deira klæde,
og den uppgangen som han hadde til Herrens hus,
vart ho reint ifrå seg. 5 Og ho sagde til kongen: «So
var det då sant det som eg høyrde i landet mitt um deg
og visdomen din! 6 Eg kunde ikkje tru det dei sagde
fyrr eg kom og fekk sjå det med eigne augo; og so er
det endå ikkje helvti av all visdomen din som de hev
fortalt meg um; du er endå større enn det gjetordet eg
hev høyrt um deg. 7 Sæle er mennerne dine, sæle er
desse tenarane dine, som stødt fær standa framfyre
deg og høyra visdomen din. 8 Lova vere Herren, din

Gud, som hadde hugnad i deg og sette deg på sin
kongsstol til konge for Herren, din Gud! For di din Gud
elskar Israel, og vil halda det ved magt æveleg, difor
hev han sett deg til konge yver deim til å gjera rett og
rettferd.» 9 So gav ho kongen tri hundrad våger gull og
kryddor i store mengder og glimesteinar; og aldri hev
det funnest slike kryddor som dei dronningi frå Saba
gav Salomo. 10 Dessutan kom folki åt Huram og folki åt
Salomo, som henta gull frå Ofir, med algummimtre og
glimesteinar. 11 Og av algummimtreet let kongen gjera
tropper til Herrens hus og til huset åt kongen og cithrar
og harpor til songarar; og makan til det hadde dei aldri
fyrr set i Judalandet. 12 Og kong Salomo gav dronningi
frå Saba alt ho hadde hug på og bad um, umfram
gåvor for det som ho gav til kongen. Sidan snudde ho
og drog heim att til landet sitt, ho og tenarane hennar.
13 Vegti på det gullet som kom til Salomo på eitt år,
var sekstan hundrad og fem og seksti våger gull, 14
og då var det ikkje medrekna det som kjøpmennerne
og kræmarane førde inn, og det som kom frå alle
kongarne i Arabia og frå jarlarne i landet, som førde
gull og sylv til Salomo. 15 Kong Salomo let gjera tvo
hundrad store skjoldar av uthamra gull - til kvar skjold
gjekk det seks hundrad lodd uthamra gull - 16 og tri
hundrad små skjoldar av uthamra gull, og til kvar skjold
gjekk det med tri hundrad lodd gull; og kongen sette
deim upp i Libanonskoghuset. 17 Dessutan let kongen
gjera ein stor kongsstol av filsbein og klædde honom
med skirt gull. 18 Kongsstolen hadde seks stig og ein
fotskammel av gull, som var feste til kongsstolen; på
båe sidorne åt sætet var det armstyd, og på kvar side
åt deim stod det tvo løvor. 19 Det stod og tolv løvor på
båe sidorne på dei seks stigi. Det var ikkje laga maken
i noko anna rike. 20 Alle drykkjestaupi åt kong Salomo
var av gull, og alle gognerne i Libanonskoghuset var
av skirt gull; sylv rekna dei slett ikkje for noko i kong
Salomos dagar. 21 For kongen hadde skip som siglde
til Tarsis saman med folki åt Huram; ein gong tridje
kvart år kom Tarsis-skipi og førde gull og sylv og
filsbein og apor og påfuglar. 22 Kong Salomo vart
større enn alle andre kongar på jordi i rikdom og
visdom. 23 Og alle kongarne på jordi kom og vilde sjå
honom og høyra visdomen hans, som Gud hadde lagt
i hjarta hans. 24 Og kvar av deim hadde med seg ei
gåva; det var ymse ting av sylv eller gull, klæde, våpn,
kryddor, hestar, muldyr, år etter år. 25 Salomo hadde
fire tusund heste-par og stridsvogner og tolv tusund
hestfolk, og deim lagde han, sume i vognbyarne og
sume hjå seg sjølv i Jerusalem. 26 Han rådde yver alle
kongarne frå Eufratelvi til Filistarland og egyptargrensa.
27 Kongen gjorde sylvet so vanlegt i Jerusalem som
stein, og cedertre som morberfiketrei i låglandet. 28
Hestar førde dei til Salomo frå Egyptarland og frå alle
landi. 29 Det som elles er å fortelja um Salomo frå
fyrst til sist, det er uppskrive i profeten Natans krønika,
og i spådomen åt siloniten Ahia og i syni åt sjåaren
Jedi um Jeroboam Nebatsson. 30 Salomo var konge
i Jerusalem yver heile Israel i fyrti år. 31 So lagde
Salomo seg til kvile hjå federne sine og vart gravlagd
i far sin, Davids, by. Og Rehabeam, son hans, vart
konge i staden hans.

**10** Rehabeam for til Sikem, for heile Israel var kome
til Sikem og vilde taka honom til konge. 2 Men då
Jeroboam Nebatsson frette det - han var i Egyptarland
og hadde rømt dit for kong Salomo - då snudde han
heim att frå Egyptarland. 3 Då sende dei bod og
kalla honom; og Jeroboam og heile Israel kom. Og
dei sagde til Rehabeam: 4 «Far lagde på oss eit
hardt ok; men vil no du letta på det harde strævet og
det tunge oket som far din lagde på oss, so skal me
tena deg.» 5 Han svara deim: «Gakk burt og bia tri
dagar, og kom so til meg att!» Og folket gjekk. 6 Då
rådførte kong Rehabeam seg med dei gamle, som
hadde vore i tenesta hjå Salomo, far hans, medan
han livde, og spurde deim: «Kva svar råder de til å
gjeva dette folket?» 7 Dei svara honom: «Vil du vera
venleg mot dette folket i dag og syna deg nådig imot
deim og gjeva deim eit venlegt svar, då vil dei vera
dine tenarar for alle tider.» 8 Men han brydde seg
ikkje um den rådi som dei gamle gav honom, men
rådførde seg med dei unge som var uppvaksne i lag
med honom og stod i hans tenesta. 9 Han sagde til
deim: «Kva råder de meg til å svara dette folket, som
hev tala til meg og sagt: «Lat det oket som far din hev
lagt på oss verta lettare?»» 10 Dei unge kararne som
var uppvaksne i lag med honom, svara honom då og
sagde: «So skal du segja til dette folket som hev tala
til deg og sagt: «Far lagde eit tung ok på oss, men
gjer no du det lettare for oss!» - so skal du segja til
deim: «Litlefingeren min er tjukkare enn mjødmarne
åt far min. 11 Hev difor far min lagt eit tungt ok på
dykk, so skal eg gjera oket dykkar endå tyngre; hev far
min tukta dykk med svipor, so skal eg tukta dykk med
skorpionar!»» 12 So kom Jeroboam med heile folket til
Rehabeam tridje dagen, so som kongen hadde sagt:
«Kom til meg att tridje dagen!» 13 Då gav kongen
folket eit hardt svar, for han brydde seg ikkje um den
rådi dei gamle hadde gjeve honom; 14 etter rådi åt
dei unge kararne sagde han til deim: «Hev far min
lagt eit tungt åk på dykk, so skal eg gjera det endå
tyngre; hev far min tukta dykk med svipor, so skal
eg tukta dykk med skorpionar!» 15 Kongen høyrde
soleis ikkje på folket, for di Gud laga det soleis, so

Herrens ord skulde sannast som han hadde tala til
Jeroboam Nebatsson ved siloniten Ahia. 16 Då no
heile Israel såg at kongen ikkje høyrde på deim, gav
folket kongen dette svaret: «Kva deil hev me i David?
Ingen lut i Isaisonen! Heim att, Israel, kvar til si hytta!
Sjå no sjølv til huset ditt, David!» So gjekk heile Israel
kvar til sitt. 17 Berre yver dei Israels-borni som budde i
byarne i Juda, vart Rehabeam konge. 18 Og då kong
Rehabeam sende i veg Hadoram, som hadde øvste
tilsynet med pliktarbeidet til deim, då steina Israels-
sønerne honom i hel. Då skunda kong Rehabeam seg
upp i vogni si og rømde til Jerusalem. 19 So reiv då
Israel seg laus frå Davids hus, og soleis hev det vore
til den dag i dag.

**11** Då Rehabeam kom til Jerusalem, samla han
heile Judas hus og Benjamin, hundrad og åtteti
tusund utvalde stridsmenner, og vilde strida imot Israel
og vinna kongedømet att for Rehabeam. 2 Men då
kom Herrens ord til gudsmannen Semaja soleis: 3
«Seg til Rehabeam Salomoson, kongen i Juda, og til
heile Israel i Juda og Benjamin: 4 «So segjer Herren:
De skal ikkje fara upp og strida imot brørne dykkar;
snu heim att kvar til sitt hus! For det som er hendt,
er kome frå meg!»» Då lydde dei ordi frå Herren og
snudde heim at og drog ikkje imot Jeroboam. 5 Sidan
budde Rehabeam i Jerusalem, og han bygde byar um
til borger i Juda. 6 Soleis bygde han Betlehem og
Etam og Tekoa 7 og Bet-Sur og Soko og Adullam 8
og Gat og Maresa og Zif 9 og Adorajim og Lakis og
Azeka 10 og Sora og Ajjalon og Hebron, som låg i
Juda og i Benjamin. Han gjorde deim til festningsbyar.
11 Og han gjorde borgerne sterke og sette hovdingar i
deim, og gav deim forråd av matvaror og olje og vin.
12 Og kvar einskild av deim gav han skjoldar og spjot,
og soleis gjorde han deim overlag sterke. Juda og
Benjamin lydde honom. 13 Men prestarne og levitarne
i heile Israel gjekk yver til honom frå alle bygderne.
14 For levitarne drog ifrå bumarkerne og eigedomen
sin og for til Juda og Jerusalem, for di Jeroboam og
sønerne hans jaga deim ut or prestetenesta for Herren,
15 og han tilsette prestar åt seg for offerhaugarne og
bukketrolli og kalvarne som han hadde late gjera. 16
Og i fylgje med deim kom dei frå alle Israels ættar
som lagde hugen sin på å søkja Herren, Israels Gud.
Dei kom til Jerusalem og ofra til Herren, sin fedregud.
17 Dei styrkte Judariket og tryggja Rehabeam, son
åt Salomo i tri år. For i tri år gjekk dei på vegen åt
David og Salomo. 18 Rehabeam tok til kona Mahalat,
dotter åt Jerimot, son åt David, og åt Abiha'il, dotter åt
Eliab, Isais son. 19 Ho fødde honom sønerne Je'us
og Semarja og Zaham. 20 Og etter henne tok han
Ma'aka, dotter åt Absalom, til kona; og ho fødde honom
Abia og Attai og Ziza og Selomit. 21 Rehabeam elska
Ma'aka, dotter åt Absalom, meir enn dei andre konorne
og fylgjekonorne sine; for han hadde attan konor og
seksti fylgjekonor og vart far til åtte og tjuge søner og
seksti døtter. 22 Difor sette han Abia, son åt Ma'aka,
til hovding og fyrste millom brørne sine; for han var
tenkt på å gjera honom til konge. 23 Og på visleg måte
skifte han ut alle landsluterne og dei faste borgerne i
Juda og Benjamin til alle sønerne sine, og gav deim
flust til å leva av og fekk deim konor i mengd.

**12** Men då Rehabeam hadde grunnfest kongedømet
sitt og kjende seg sterk, då vende han seg
frå Herrens lov, og heile Israel med honom. 2 Då
drog egyptarkongen Sisak upp mot Jerusalem i femte
styringsåret åt Rehabeam, for di dei hadde vore utrue
mot Herren; 3 han kom med tolv hundrad krigsvogner,
seksti tusund hestfolk, og ingen kunde rekna det folket
som drog med honom frå Egyptarland, Libya-menner,
sukkitar og ætiopar. 4 Og då han hadde teke dei
faste borgarne i Juda, drog han mot Jerusalem. 5 Då
kom profeten Semaja til Rehabeam og hovdingarne
i Juda, som hadde søkt til Jerusalem for Sisak, og
han sagde til deim: «So segjer Herren: «De hev vendt
dykk ifrå meg, difor hev eg vendt meg ifrå dykk og
gjeve dykk i handi på Sisak.»» 6 Men hovdingarne i
Israel og kongen audmykte seg og sagde: «Herren er
rettferdig.» 7 Og då Herren såg at dei hadde audmykt
seg, kom Herrens ord til Semaja soleis: «For di dei
hev audmykt seg, vil eg ikkje tyna deim, men gjeva
deim ei snaud frelsa, so at vreiden min ikkje strøymer
ut yver Jerusalem ved Sisak. 8 Men dei skal verta
hans tenarar og læra å kjenna skilnaden på det å tena
meg og tena kongeriki i heidningelandi.» 9 Då drog
Sisak upp imot Jerusalem og tok skattarne i Herrens
hus og skattarne i huset åt kongen; alt tok han, og
han tok og dei gullskjoldarne som Salomo hadde lata
gjere. 10 I staden for deim let då kong Rehabeam gjera
koparskjoldar og gav deim i varveitsla til hovdingarne
for livvakti, som heldt vakt ved inngangen til huset åt
kongen. 11 Og kvar gong kongen gjekk til Herrens
hus, bar vaktmennerne deim, og tok deim so attende
til vaktstova. 12 Men då han hadde audmykt seg,
snudde Herrens vreide seg ifrå honom, so han vart
ikkje reint tynt; det fanst då noko godt og i Juda. 13
Soleis vart kong Rehabeam grunnfest i Jerusalem, og
han heldt fram med styringi; for Rehabeam var ein
og fyrti år gamall då han vart konge, og han styrde i
syttan år i Jerusalem, den byen som Herren hadde
valt seg ut av alle ætterne i Israel til å setja namnet
sitt der. Mor hans var ei ammonitkvinna som heitte
Na'ama. 14 Han gjorde det som vondt var; for han
lagde ikkje hugen sin på å søkja Herren. 15 Det som

er å fortelja um Rehabeam frå fyrste til sist, det er
uppskrive i krønikorne åt profeten Semaja og sjåaren
Iddo, der som ættartali er upprekna. Millom Rehabeam
og Jeroboam var det ufred stødt. 16 Og Rehabeam
lagde seg til kvile hjå federne sine, og Abia, son hans,
vart konge i staden hans.

13 I det attande styringsåret åt Jeroboam vart Abia
konge yver Juda; 2 tri år styrde han i Jerusalem.
Mor hans heitte Mikaja Urielsdotter og var frå Gibea.
Det var ufred millom Abia og Jeroboam. 3 Abia
byrja striden med ein her av djerve stridsmenner, fire
hundrad tusund utvalde menner, men Jeroboam møtte
honom med åtte hundrad tusund utvalde menner, som
var djerve stridsmenner. 4 Men Abia gjekk upp på
Semarajimberget i Efraimsfjelli og sagde: «Høyr meg
Jeroboam og heile Israel! 5 De veit då vel at Herren,
Israels Gud, hev gjeve kongedømet yver Israel for
alle tider til David og hans søner ved ei ubrjotande
semja. 6 Men Jeroboam Nebatsson, trælen åt Salomo
Davidsson, reiste seg og gjorde upprør mot herren
sin. 7 Og kring honom samla det seg lause karar,
skamløysor, som tråssa Rehabeam, son åt Salomo,
og Rehabeam var ung og veiklyndt og kunde ikkje
halda seg imot deim. 8 Og no trur de at de kann
tråssa Herrens kongedøme, som ligg til Davids søner,
for di det er ein stor hop av dykk, og det hev hjå
dykk dei gullkalvarne som Jeroboam let gjera til gudar
for dykk. 9 Hev de ikkje jaga burt Herrens prestar,
sønerne åt Aron, og levitarne, og rådt dykk til prestar
liksom hedningfolki? Kvar den som kom med ein ung
ukse og sju verar til prestevigsla, han vert prest for u-
gudarne. 10 Men Herren er vår Gud, og me hev ikkje
vendt oss frå honom; sønerne åt Aron er prestar for
Herren, og levitarne gjer tenesta. 11 Kvar morgon og
kvar kveld let dei brennofferi ganga upp i røyk med
finangande røykjelse, skodebrødi ligg på gullbordet,
og gull-ljosestaken med lamporne kveikjer dei kveld
etter kveld; for me agtar på fyresegnerne åt Herren,
vår Gud, men de hev vendt dykk frå honom. 12 Sjå,
Gud er føraren hjå oss og me hev prestarne hans
med alarmlurarne, og dei skal blåsa til strid mot dykk.
Israels søner, gjev dykk ikkje i strid med Herren, vår
fedregud, for då skal de ikkje hava lukka med dykk!»
13 Men Jeroboam hadde late deim som låg i baklur
kringganga deim soleis at Juda-mennerne hadde deim
fyre seg og baklur-mennerne i ryggen. 14 Då no Juda-
mennerne snudde seg rundt, og såg at åtaket truga
deim både framantil og attantil, då ropa deim til Herren;
men prestarne bles i lurarne. 15 Og Juda-mennerne
sette i med herrop. Og då Juda-mennerne sette i med
herropet, då slo Gud Jeroboam og heile Israel for augo
på Abia og Juda. 16 Israels-sønerne rømde for Juda,
og Gud gav deim i deira vald. 17 Og Abia og folket
hans gjorde stort tjon på deim, so det fall fem hundrad
tusund stridsmenner av Israel. 18 På den tid vart
Israels-sønerne audmjukte, men Juda-mennerne kom
til magt, for dei studde seg til Herren, sin fedregud. 19
Og Abia forfylgde Jeroboam og tok ifrå honom nokre
byar; det var Betel og grenderne kringum, Jesana og
grenderne kringum og Efron og grenderne kringum. 20
Jeroboam kom aldri til magt meir so lenge Abia livde,
og Herren slo honom, so han døydde. 21 Men Abia
vart megtig. Han tok seg fire konor og vart far til tvo og
tjugeto søner og sekstan døtter. 22 Det som elles er å
fortelja um Abia, um hans ferd og ord, er uppskrive i
utleggjingi åt profeten Iddo.

14 Og Abia lagde seg til kvile hjå federne sine,
og dei gravlagde honom i Davidsbyen; Asa,
son hans, vart konge i staden hans. I hans dagar
hadde landet fred i ti år. 2 Asa gjorde det som var
godt og rett i augo åt Herren, hans Gud. 3 Han fekk
burt dei framande altari og offerhaugarne, braut sund
minnesteinarne og hogg ned Astarte-bilæti. 4 Og han
baud Juda-mennerne at dei skulde søkja Herren, deira
fedregud, og halda lovi og bodet. 5 Og han fekk burt
offerhaugarne og solsulorne frå alle byarne i Juda,
og riket hadde ro so lenge han livde. 6 Han bygde
borgar i Juda; for landet hadde fred, og det kom ikkje
til nokon krig imot honom i dei åri, for Herren gav
honom ro. 7 Han sagde til Juda: «Lat oss byggja
desse byarne og setja murar og tårn ikring deim og
portar og portbommar, medan me endå hev landet
i vår magt, for di me hev søkt Herren, vår Gud; me
hev søkt honom, og han hev gjeve oss fred til alle
sidor.» So bygde dei då, og det gjekk godt. 8 Asa
hadde ein her som var væpna med langskjoldar og
spjot, tri hundrad tusund mann av Juda, og dessutan
tvo hundrad og åtteti tusund av Benjamin, som bar
rundskjoldar og spente boge. Alle desse var djerve
stridsmenner. 9 Og ætiopen Zerah drog ut imot deim
med ein her på tusund gonger tusund mann og tri
hundrad stridsvogner, og han kom til Maresa. 10
Og Asa drog imot honom, og dei fylkte seg til strid i
Sefatadalen ved Maresa. 11 Då ropa Asa til Herren,
hans Gud: «Herre! det er ingen som du til å hjelpa i
strid millom ein som er sterk og ein som er magtlaus.
So hjelp oss, Herre, vår Gud! For til deg held me oss,
og med ditt namn er me komne hit imot denne hopen.
Herre, du er vår Gud; lat ikkje noko menneskje standa
seg imot deg!» 12 Då slo Herren ætioparne for augo
på Asa og Juda og ætioparne rømde. 13 Asa og folket
som var med honom, forfylgde deim til Gerar, og det
fall so mange av ætioparne, at ingen vart i live, for
dei vart knustra for Herren og hans her. Folket tok

ei uhorveleg mengd med herfang. 14 Og dei tok alle
byarne rundt ikring Gerar, for ein støkk frå Herren
hadde kome yver deim, og dei plundra alle byarne, for
det var mykje herfang i deim. 15 Jamvel buskaps-tjeldi
tok dei, og dei drog med seg ei mengd med småfe og
kamelar, og so snudde dei heim att til Jerusalem.

**15** Då kom Guds Ande yver Azarja Odedsson, 2
og han steig fram for Asa og sagde til honom:
«Høyr på meg, Asa og heile Juda og Benjamin! Herren
er med dykk når de er med honom, og når de søkjer
honom, då let han dykk finna seg; men um de vender
dykk frå honom, då vender han seg frå dykk. 3 I lange
tider var Israel utan sann Gud, utan prest som lærde
deim, og utan lov. 4 Men i trengsla si umvende dei
seg til Herren, Israels Gud, og søkte honom, og han
let deim finna seg. 5 I dei tider kunde ingen draga
uskadd ut eller heim, for det var stor røra millom alle
som budde i landi. 6 Då vart dei sundstøytte, folk
mot folk og by mot by; for Gud skræmde deim med
alle slag trengslor. 7 Men ver de frihuga og lat ikkje
henderne siga; for dykkar verk skal få si løn!» 8 Då
Asa høyrde desse ordi og den spådomen som Azarja,
son åt Oded, sagde fram, då tok han mod til seg og
fekk burt dei ufysne styggetingi frå heile Judalandet og
Benjaminslandet og frå dei byarne han hadde teke
på Efraimsheidi; og han sette i stand Herrens altar
framfyre Herrens forhall. 9 So stemnde han saman
heile Juda og Benjamin og deim ifrå Efraim, Manasse
og Simeon som budde hjå deim; for ei mengd ifrå
Israel hadde gjenge yver til honom då dei såg at
Herren, hans Gud, var med honom. 10 Dei samla seg
då i Jerusalem i den tridje månaden i det femtande
styringsåret åt Asa. 11 Og den dagen slagta dei offer
for Herren av det herfanget dei hadde ført med seg,
sju hundrad stykke storfe og sju tusund stykke småfe.
12 Og dei gjorde ei pakt um at dei vilde søkja Herren,
sin fedregud, av alt sitt hjarta og heile si sjæl, 13 og at
kvar den som ikkje søkte Herren, Israels Gud, han
skulde lata livet, anten han var liten eller stor, mann
eller kvinna. 14 Soleis gav dei Herren eiden sin med
høg røyst og med fagnadrop og med ljom av lurar og
horn, 15 og heile Juda gledde seg yver den eiden, for
dei hadde svore med heile sitt hjarta og søkte honom
med all sin vilje; Og Herren let deim finna seg og gav
landet fred til alle sidor. 16 Og jamvel Ma'aka, mor si,
sette kong Asa av frå hennar dronningrang, av di ho
hadde gjort eit styggjelegt bilæte for Astarte; han hogg
ned det stygge bilætet, slo det i smulder og brende det
i Kidronsdalen. 17 Men offerhaugarne fekk dei ikkje
burt ifrå Israel; men like vel var hjarta til Asa heilstøypt
so lenge han livde. 18 Heilaggåvorne åt far sin og
heilaggåvorne sine eigne flutte han inn i Guds hus,
sylv og gull og ymse ting. 19 Det vart ingen ufred fyrr i
det fem og trettiande styringsåret åt Asa.

**16** I det seks og trettiande styringsåret åt Asa drog
kong Baesa i Israel upp imot Juda og bygde ei
borg i Rama, av di han ville hindra at nokon drog ut
eller inn hjå Asa, kongen i Juda. 2 Då tok Asa sylv
og gull ut or skattkammeri i Herrens hus og i huset åt
kongen og sende deim til Benhadad, kongen i Syria,
som budde i Damaskus, med dei ordi: 3 «Det er eit
samband millom meg og deg, sameleis som millom
min far og din far, no sender eg deg sylv og gull. Gjer
no vel og brjot sambandet ditt med Israels-kongen
Baesa, so han lyt draga burt ifrå meg!» 4 Benhadad
lydde kong Asa og sende herhovdingarne sine mot
byarne i Israel, og dei herja Ijon og Dan og Abel-Majim
og alle forrådshusi i Naftali-byarne. 5 Då Baesa høyrde
dette, lagde han ned borgbyggjingi i Rama og slutta
arbeidet. 6 Men kong Asa tok heile Juda med seg,
og dei førde burt steinarne og trevyrket som Baesa
hadde bruka til byggverket i Rama, og han bruka deim
til å byggja Geba og Mispa. 7 På den tid kom sjåaren
Hanani til Asa, kongen i Juda, og sagde til honom:
«For di du studde deg til Syria-kongen og ikkje til
Herren, din Gud, hev heren åt Syria-kongen sloppe or
henderne dine. 8 Var ikkje ætioparne og libyararne ein
stor her med ei ovmengd med vogner og hestfolk?
Men då du studde deg til Herren, då gav han deim i di
magt. 9 For Herrens augo fer utyver all jordi, av di
han med kraft vil koma deim til hjelp som hev hjarta
sitt heilt med honom. Du hev fare fåvist åt i dette; for
heretter kjem du til å hava ufred stødt.» 10 Då vart
Asa harm på sjåaren og kasta honom i fangehuset,
so vond var han for dette. På same tid for Asa hardt
fram mot andre av folket. 11 Det som er å fortelja um
Asa frå fyrst til sist, er uppskrive i boki um kongarne i
Juda og Israel. 12 I det ni og trettiande styringsåret
sitt vart Asa sjuk i føterne, og sjukdomen hans vart
svært hard. Men ikkje i sjukdomen sin heller søkte
han Herren, men lækjarane. 13 Og Asa lagde seg til
kvile hjå federne sine og døydde i det eitt og fyrtiande
styringsåret sitt. 14 Dei gravlagde honom i gravi hans,
som han hadde late hogga ut i Davidsbyen, og lagde
honom på ei lega som dei hadde fyllt med kryddor
av ymse slag som var tillaga i salveblanding, og dei
kveikte eit ovlagt bål for honom.

**17** Josafat, son hans, vart konge i staden hans.
Han synte seg sterk imot Israel, 2 og lagde
herfolk i alle dei faste byarne i Juda og sette inn vakter
i Judalandet og i dei byarne i Efraim som Asa, far
hans, hadde herteke. 3 Og Herren var med Josafat,
for han fylgde dei fyrste vegarne åt David, far sin,

og heldt seg ikkje til Ba'alarne, 4 men søkte til far
sin's Gud og fylgde bodi hans og gjorde ikkje soleis
som Israel. 5 Difor grunnfeste Herren kongedømet i
hans hand, og heile Juda gav Josafat gåvor, so at han
fekk mykje rikdom og æra. 6 Då voks modet hans på
Herrens vegar, og han fekk ogso burt offerhaugarne
og Astarte-bilæti frå Juda. 7 I det tridje styringsåret sitt
sende han hovdingarne sine Benha'il og Obadja og
Zakarja og Netanel og Mikaja til å læra i Juda-byarne,
8 og saman med deim levitarne Semaja og Netanja
og Zebadja og Asael og Semiramot og Jonatan og
Adonja og Tobia og Tob-Adonia, levitarne, og med
deim prestarne Elisama og Joram. 9 Dei lærde i Juda,
for dei hadde Herrens lovbok med seg, og dei drog
kringum i alle Juda-byarne og lærde folket. 10 Då
kom ein støkk frå Herren yver alle riki i dei landi som
låg rundt ikring Juda, so dei våga seg ikkje i krig
med Josafat. 11 Nokre av filistarane førde gåvor til
Josafat, og sylv til skatt, og arabarane og førde småfe
til honom, sju tusund og sju hundrad verar og sju
tusund sju hundrad bukkar. 12 Soleis gjekk Josafat
frametter stødt til han vart overlag megtig, og han
bygde borger og upplagsbyar i Juda, 13 og han store
forråd i Juda-byarne og stridsdjerve herfolk i Jerusalem.
14 Dette er lista yver deim etter ættgreinerne deira:
Yverhovdingarne i Juda var: Hovdingen Adna med
tri hundrad tusund djerve stridsmenner; 15 jamsides
honom hovdingen Johanan med tvo hundrad og åtteti
tusund mann; 16 jamsides honom Amasja Zikrison,
som hadde gjenge i Herrens tenesta friviljugt, og med
honom var tvo hundrad tusund djerve stridsmenner; 17
framleides var det frå Benjamin den djerve kjempa
Eljada med tvo hundrad tusund mann, som bar boge
og skjold, 18 jamsides honom Jozabad med hundrad
og åtteti tusund djerve stridsmenner. 19 Dette var
dei som stod i tenesta åt kongen, umfram deim som
kongen hadde lagt i borgbyarne i heile Juda.

**18** Då Josafat hadde vunne seg rikdom og æra,
gjekk han i mågskap med Ahab. 2 Etter nokre år
var lidne, drog han ned til Ahab i Samaria, og Ahab let
slagta ei mengd med småfe og storfe for honom og
mannskapet han hadde med seg; so lokka han honom
til å draga upp mot Ramot i Gilead. 3 For Israels-
kongen Ahab sagde til Juda-kongen Josafat: «Vil du
fara med meg til Ramot i Gilead?» Han svara honom:
«Eg som du, og mitt folk som ditt folk, me vil vera
med deg i striden.» 4 Men Josafat sagde til Israels-
kongen: «Spør like vel fyrst Herrens ord til råds!» 5 Då
stemde Israels-kongen saman profetarne, fire hundrad
mann, og spurde deim: «Skal me draga ut og strida
mot Ramot i Gilead, eller skal eg lata det vera?» Dei
svara: «Drag dit upp! Gud vil gjeva byen i henderne på
kongen.» 6 Men Josafat spurde: «Er det ikkje endå ein
av Herrens profetar her, so me kunde spyrja gjenom
honom?» 7 Israels-kongen sagde til Josafat: «Det
er endå ein mann som ein kann spyrja Herren ved;
men eg hatar honom, for di han spår meg aldri noko
godt, men berre vondt alle sine dagar; det er Mika
Jimlason.» Josafat sagde: «Soleis må ikkje kongen
tala!» 8 Då kalla Israels-kongen på ein hirdmann
og sagde: «Henta snøgt Mika Jimlason!» 9 Israels-
kongen og Juda-kongen Josafat sat klædde i sine
skrud kvar på sin kongsstol, dei sat på treskjevollen
ved inngangen til byporten i Samaria, og alle profetarne
spådde framfyre deim. 10 Og Sidkia, son åt Kena'ana,
gjorde seg horn av jarn og sagde: «So segjer Herren:
«Med slike horn skal du stanga syrarane til du tyner
deim.»» 11 Og alle profetarne spådde på same måten
og sagde: «Drag upp til Ramot i Gilead, so skal du få
siger, og Herren vil gjeva byen i henderne på kongen.»
12 Sendemannen som var gjengen og skulde henta
Mika, sagde til honom: «Profetarne hev samrøystes
lova kongen lukka, lat då ordi dine samstavast med
deira, og lova lukka du og!» 13 Men Mika svara: «So
sant som Herren liver, vil eg berre tala det som min
Gud segjer.» 14 Då han no kom til kongen, sagde
kongen til honom: «Mika, skal me draga av stad og
strida um Ramot i Gilead, eller skal eg lata det vera?»
Då sagde han: «Drag upp, so skal de få siger, og dei
skal verta gjevne i dykkar vald.» 15 Men kongen sagde
til honom: «Kor mange gonger skal eg taka deg i eid på
at du ikkje vil segja meg anna enn sanningi i Herrens
namn?» 16 Då sagde han: «Eg såg heile Israel spreidt
utyver fjelli som ein saueflokk utan hyrding; og Herren
sagde: «Dei der hev ingen herre, lat deim snu heim
att i fred, kvar til sitt!»» 17 Israels-kongen sagde til
Josafat: «Sagde eg deg ikkje at han aldri varslar meg
noko godt, berre vondt?» 18 Då sagde han: «So høyr
då Herrens ord: Eg såg Herren sitja på sin kongsstol,
og heile himmelheren stod på den høgre og den vinstre
sida hans. 19 Og Herren sagde: Kven vil lokka Israels-
kongen Ahab, so han dreg upp og fell ved Ramot i
Gilead?» Då sagde ein so og ein annan so. 20 Men
då kom anden fram og stelte seg framfor Herren og
sagde: «Eg skal lokka honom!» Herren spurde honom:
«Korleis?» 21 Han svara: «Eg vil ganga ut og verta
ei ljugarånd i munnen på alle profetarne hans.» Og
han sagde: «Ja, du skal lokka honom, og du skal og
greida det. Gakk av stad, og gjer so!» 22 Sjå no hev
Herren lagt ei ljugarånd i munnen på desse profetarne
dine, men Herren hev varsla ulukka yver deg. 23 Då
kom Sidkia, son åt Kena'ana, fram og slo Mika på
kinni og sagde: «Kva veg hev då Herrens ande fare

ifrå meg for å tala med deg?» 24 Men Mika sagde:
«Det skal du få sjå den dagen då du rømer frå kove til
kove og vil gøyma deg.» 25 Då sagde Israels-kongen:
«Tak Mika og før honom til byhovdingen Amon og
kongssonen Joas, 26 og seg: «Kongen byd dykk at
det skal kasta denne mannen i fangehuset og setja
honom på snaud kost, til kongen kjem heim att med
heilo!»» 27 Men Mika sagde: «Kjem du heim att med
heilo, då hev ikkje Herren tala gjenom meg.» Og so
sagde han: «Høyr, de folk, alle saman!» 28 So drog då
Israels-kongen og Josafat, Juda-kongen, upp til Ramot
i Gilead. 29 Men Israels-kongen sagde til Josafat: «Eg
vil klæda meg ut fyrr eg gjeng inn i striden, men hav
du dine klæde på deg!» Og Israels-kongen klædde
seg ut, og so gjekk dei inn i striden. 30 Men Syria-
kongen hadde gjeve det bodet til hovdingarne for
stridsvognerne sine at dei ikkje skulde taka på nokon,
korkje liten eller stor, men berre på Israels-kongen. 31
Då no hovdingarne fekk stridsvognerne fekk auga på
Josafat, tenkte dei: «Det er visseleg Israels-kongen!»
Og dei kringsette honom og vilde strida. Men Josafat
sette i eit høgt rop, og Herren frelste honom; for Gud
vende dei burt ifrå honom. 32 Og då hovdingarne for
stridsvognerne merka at det ikkje var Israels-kongen,
drog dei seg burt ifrå honom. 33 Men ein mann som
spente bogen og skaut på måfå, råka Israels-kongen
millom brynjeskøytingarne og brynja. Då baud han
vognstyraren sin: «Snu, og før meg ut or heren! for
eg er såra.» 34 Men striden vart hardare og hardare
den dagen, og Israels-kongen vart standande i vogni
si imot syrarane like til um kvelden; og ved soleglad
døydde han.

**19** Men Josafat, Juda-kongen, snudde heim att til
Jerusalem med heilo. 2 Men då gjekk sjåaren
Jehu Hananison ut imot honom og sagde til kong
Josafat: «Skal ein hjelpa den gudlause, og elskar du
deim som hatar Herren? For dette kviler det vreide
på deg ifrå Herren. 3 Like vel er det funne noko godt
hjå deg, for du hev øydt ut Astarte-bilæti or landet og
hev lagt hugen din på å søkja Gud.» 4 Josafat vart
no buande i Jerusalem. Og so drog han ut att bland
folket ifrå Be'erseba og til Efraimsheidi, og førde deim
attende til Herren, deira fedregud. 5 Og han sette inn
domarar i landet i kvar ein av dei faste byarne i Juda.
6 Og han sagde til domarane: «Agta vel på det de
gjer; for de feller ikkje dom for menneskje, men for
Herren, og han er hjå dykk når det dømer. 7 Difor
skal otte for Herren vera yver dykk! Ver varsame med
det som de gjer! for hjå Herren, vår Gud, finst det
ingen urett, ikkje gjer han skil på folk, og ikkje tek
han mutor.» 8 I Jerusalem og sette Josafat nokre av
levitarne og prestarne og ættarhovdingarne i Israel til å
agta på Herrens saker og rettstrættorne; dei hadde
vendt heim att til Jerusalem. 9 Og han baud deim
og sagde: «Soleis skal de bera dykk åt med age for
Herren, i truskap og med heilt hjarta: 10 Kvar gong det
vert lagt fram for dykk ei rettstrætta frå brørne dykkar,
som bur i byarne sine, anten det er dom i ei dråpssak
eller eit bod, ei lov eller vedtekter og rettar, då skal de
vara deim åt, so dei ikkje syndar imot Herren, og det
kjem vreide yver dykk og brørne dykkar. Gjer soleis,
so det ikkje skal draga skuld yver dykk! 11 I alt det
som kjem ved Herren, skal øvstepresten Amarja vera
formannen dykkar, og i alt det som kjem ved kongen,
skal Zebadja Ismaelsson, hovdingen for Juda-ætti,
vera formann; og levitarne skal vera tilsynsmenner
under dykk. Tak no hugheilt fat på verket, og Herren
skal vere med den som er god.»

**20** Sidan hende det, at Moabs-sønerne og Ammons-
sønerne og nokre av me'unitarne saman med
deim drog i herferd mot Josafat. 2 Og dei kom og
melde det til Josafat og sagde: «Det kjem ein stor
hop imot deg frå landi på hi sida havet, frå Syria,
og dei er i Haseson-Tamar, det er En-Gedi.» 3 Då
vart Josafat rædd og tok til å søkja Herren, og lyste
ut ei fasta yver heile Juda. 4 Då kom Juda saman
og søkte hjelp hjå Herren, og dei kom frå alle Juda-
byarne og søkte Herren. 5 Men Josafat stelte seg i
samlingslyden frå Juda og Jerusalem i Herrens hus,
framanfor den nye tunet, 6 og han sagde: «Herre, vår
fedregud! Du er då Gud i himmelen, du råder yver alle
heidningriki, i di hand er det kraft og velde, og imot
deg kann ingen standa seg. 7 Hev ikkje du, vår Gud,
jaga burt ibuarane i dette landet for Israel, folket ditt,
og gjeve det til ættingarne åt Abraham, venen din, for
alder og æva? 8 Og dei busette seg i det og bygde
deg ein heilagdom der for ditt namn, med di dei og
sagde: 9 «Um det kjem nokor ulukka yver oss, sverd,
straffedom, farsott eller hungersnaud, då vil me stella
oss upp framanfor dette huset for di åsyn, for namnet
ditt bur i dette huset; og me vil ropa til deg i naudi vår,
og so vil du høyra og hjelpa.» 10 Sjå no Ammons-
sønerne og Moab og folket ifrå Se'irfjelli - du gav ikkje
Israel lov til å trengja inn i deira land då dei kom frå
Egyptarlandet, difor heldt dei seg burte frå deim og
øyde deim ikkje - 11 sjå no korleis dei løner oss, med
di dei kjem og vil jaga oss burt ifrå eigedomen din,
som du hev gjeve oss til eiga. 12 Vår Gud, vil du då
ikkje halda dom yver deim? for hjå oss er det ingi kraft
imot denne velduge hopen, som kastar seg yver oss,
og me veit ikkje kva me skal gjera, men vender augo
våre imot deg.» 13 Og heile Juda stod framfor Herrens
åsyn, ja, småborni og konorne og sønerne deira var
med. 14 Då kom Herrens ande yver leviten Jahaziel,

son åt Zakarja, son åt Benaja, son åt Je'iel, son åt
Mattanja, av Asafs søner, midt i lyden, 15 og han
sagde: «Lyd etter, heile Juda og de Jerusalems-buar
og du kong Josafat! So segjer Herren til dykk: «Ottast
ikkje og ræddast ikkje for denne megtige hopen! for
striden er ikkje dykkar, men Guds sak. 16 Drag ned
imot deim i morgon, då vil dei stiga upp etter vegen
ved Hassis, og de skal råka deim ved enden av dalen
imot Jeruel-øydemarki. 17 Men dermed er de ikkje
dykkar sak å strida, men de skal stella dykk upp og
standa stilt og sjå på korleis Herren frelser dykk, de
frå Juda og Jerusalem. Ottast ikkje og ræddast ikkje,
men drag imot deim i morgon, so skal Herren vera
med dykk.»» 18 Då bøygde Josafat seg med andlitet
til jordi, og heile Juda og alle Jerusalems-buarne fall
ned for Herren og tilbad Herren. 19 Men levitarne av
kahatitsønerne og korahitsønerne stod upp og lova
Herren, Israels Gud, med overlag høg røyst. 20 Tidleg
um morgonen drog dei so ut til Tekoa-øydemarki; og
medan dei drog ut, stod Josafat og sagde: «Høyr
meg, Juda, og de Jerusalems-buar! Tru på Herren,
dykkar Gud, so stend de traust, og tru på profetarne
hans, so skal de verta lukkelege!» 21 Og han gjorde
avtale med folket og stelte upp songarar for Herren;
dei skulde lova honom i heilagt skrud, medan dei drog
ut fyre deim som var herbudde, og dei skulde segja:
«Prisa Herren, for æveleg varer hans miskunn!» 22 Og
straks dei tok til med fagnadropi og lovprisningarne
sine, stelte Herren åtakarar som låg i løynlega imot
Ammon og Moab og folket frå Se'irfjelli, som drog fram
imot Juda, so dei vart slegne. 23 Ammons-sønerne og
Moab stelte seg imot folket frå Se'irfjelli og hogg deim
ned og øydelagde deim, og då dei var ferdige med
deim, hjelptest dei åt med å tyna kvarandre. 24 Då
Juda kom til utsynshaugen yver øydemarki og snudde
seg imot hopen, då såg dei berre lik som låg på jordi,
og ingen hadde kome seg undan. 25 Då drog Josafat
og folket hans dit og plundra deim, og dei fann ei
mengd med gods og lik og kostesame ting. Dei tok
meir til seg enn dei kunde føra burt, og dei heldt på
i tri dagar med å plundra, so stort var herfanget. 26
Den fjorde dagen samla dei seg i Lovprisingsdalen;
for der lova dei Herren, og difor kalla dei den staden
Lovprisingsdalen, og det heiter han den dag i dag.
27 So snudde dei, alle folki frå Juda og Jerusalem,
med Josafat i brodden, og drog attende til Jerusalem
med gleda, for Herren hadde gjeve deim gleda yver
fiendarne deira. 28 Og dei drog inn i Jerusalem med
harpor, cithrar og lurar til Herrens hus. 29 Og ein støkk
for Gud kom yver alle dei framande riki då dei høyrde
at Herren hadde stridt imot Israels fiendar. 30 Soleis
fekk Josafats kongedøme fred, for hans Gud gav
honom ro til alle sider. 31 So rådde Josafat yver Juda.
Fem og tretti år var han då han vart konge, og fem og
tjuge år rådde han i Jerusalem. Mor hans heitte Azuba
og var dotter åt Silhi. 32 Han gjekk på vegarne åt Asa,
far sin, og veik ikkje ifrå deim, for han gjorde det som
rett var i Herrens augo. 33 Men offerhaugarne fekk
dei ikkje burt, med di folket ikkje vende hugen sin fast
mot sine feders Gud. 34 Det som elles er å fortelja um
Josafat frå fyrst til sist, det finst uppskrivi i krønikeboki
åt Jehu Hananison, som er uppteke i boki um Israels-
kongarne. 35 Sidan gjorde Josafat i Juda samlag med
Ahazja, kongen i Israel, endå han for gudlaust fram.
36 Og han gjorde samlag med honom um å byggja
skip som skulde sigla til Tarsis. Dei bygde skip i Esjon-
Geber. 37 Men Eliezer Dodavason frå Maresa spådde
mot Josafat og sagde: «For di du hev gjort samlag
med Ahazja, vil Herren gjera tiltaket ditt um inkje.» Og
nokre skip forliste og kunde ikkje sigla til Tarsis.

**21** So lagde Josafat seg til kvile hjå federne sine, og
han vart gravlagd hjå federne sine i Davidsbyen.
Og Joram, son hans, vart konge i staden hans. 2
Han hadde nokre brør, sønerne åt Josafat; det var
Azarja og Jehiel og Zakarja og Azarja og Mikael og
Sefatja, som alle var søner åt kong Josafat, Israels-
kongen i Israel. 3 Far deira hadde gjeve deim store
gåvor utav sylv, gull og kostnadting og faste byar i
Juda, men kongedømet gav han til Joram, for han
var den eldste. 4 Men då Joram hadde fenge under
seg riket åt far sin og hadde styrkt magti si, då let
han alle brørne sine drepe med sverdet, og nokre av
Israels-hovdingarne ogso. 5 Tvo og tretti år gamall
var Joram då han vart konge, og åtte år rådde han i
Jerusalem. 6 Han gjekk på same vegarne som Israels-
kongarne, og soleis som Ahabs hus hadde gjort; for
han var gift med ei dotter til Ahab, og han gjorde det
som vondt var i Herrens augo. 7 Like vel vilde Herren
ikkje tyna Davids hus for den pakti skuld som han
hadde gjort med David, og etter det som han hadde
lova, at det alltid skulde lysa ei lampa for honom og
sønerne hans. 8 I hans tid reiv edomitarne seg laus
ifrå Juda og kåra seg ein konge. 9 Då drog Joram ut
med hovdingarne sine og alle stridsvognerne sine, og
han tok ut um natti og slo edomitarne, som kringsette
honom, og hovudsmennerne yver vognheren. 10 Soleis
kom Edom seg laus ifrå Juda, og er fri den dag i dag.
Den gongen reiv Libna seg laus ifrå honom, for di han
hadde svike Herren, sin fedregud. 11 Han og bygde
upp offerhaugar i Judafjelli og forførde Jerusalems-
buarne til utukt og Juda til fråfall. 12 Då kom det eit
brev til honom frå profeten Elia, og der stod det: «So
segjer Herren, Gud åt far din, David: «For di du ikkje
hev gjenge på vegarne åt Josafat, far din, eller åt Juda-

kongen Asa, 13 men hev gjenge på vegarne åt Israels-
kongarne, og hev forført Juda og Jerusalems-buarne
til utukt, sameleis som Ahabs hus forførde til det, og
endå til hev drepe brørne dine, frendarne dine, som
var betre enn du er sjølv, 14 so vil Herren no lata eit
veldugt slag råma folket ditt, sønerne dine, konorne
dine og alt det som du eig. 15 Og sjølv skal du få ein
fæl sjukdom i innvolarne dine, so at um år og dag
skal innvolarne dine falla ut for skuld sjukdomen.»»
16 Herren øste då upp filistarane imot Joram, og dei
arabarane som budde attmed med ætioparne, 17 so
dei drog upp imot Juda, trengde seg inn i det og rana
alt det som fanst i huset åt kongen, og dertil sønerne
og konorne hans, so han hadde ikkje att nokon son so
nær som den yngste av sønerne, Joahaz. 18 Og etter
alt dette slo Herren honom med ein ulækjeleg sjukdom
i innvolarne hans. 19 Etter år og dag, då tvo år var
lidne, fall innvolarne hans fram for skuld sjukdomen
hans, og han døydde med harde lidingar. Folket hans
kveikte ikkje noko bål for honom, soleis som for federne
hans. 20 Tvo og tretti år gamall var han då han vart
konge; i åtte år rådde han i Jerusalem. Dei gravlagde
honom i Davidsbyen, men ikkje i kongegraverne.

**22** So tok Jerusalems-buarne Ahazja, den yngste
son hans, til konge i staden hans; for dei eldste
hadde røvarflokken drepe som hadde kome til lægret
saman med arabarane. Soleis vart Ahazja Joramsson
konge i Juda. 2 Tvo og tjuge år gamall var Ahazja då
han vart konge, og eitt år var han konge i Jerusalem.
Mor hans heitte Atalja og var dotter åt Omri. 3 Han
gjekk på vegarne åt Ahabs hus; for mor hans forførde
honom til gudløysa med råderne sine. 4 Han gjorde
det som vondt var i Herrens augo, liksom Ahabs hus;
for til hans eige tjon vart dei rådgjevarene hans etter
far hans var avliden. 5 Etter deira råd for han og i
herferd saman med Israels-kongen Joram Ahabsson,
imot syrarkongen Hazael ved Ramot i Gilead. Men
syrarane særde Joram. 6 Då snudde han attende og
vilde få lækt dei såri i Jizre'el som dei hadde gjeve
honom ved Rama, då han stridde med syrarkongen
Hazael. Og Azarja, kongen i Juda, son åt Joram, drog
ned til Jizre'el og vilde sjå um Joram Ahabsson, av di
han var sjuk. 7 Men til undergang for Ahazja hadde
Gud laga det so, at han skulde koma til Joram, og når
han kom, skulde han draga ut med Joram imot Jehu
Nimsison, som Herren hadde salva til å øyda ut Ahabs
hus. 8 For då Jehu sette i verk domen yver Ahabs
hus, då råka han hovdingarne i Juda og brorsønerne
åt Ahazja, som gjekk Ahazja til handa, og han drap
deim. 9 So leita han etter Ahazja, og dei greip honom
då han gøymde seg i Samaria, og leidde honom til
Jehu, som let honom drepa. Like vel gravlagde dei
honom; for dei kom i hug at han var son åt Josafat,
som heldt seg til Herren med heile sitt hjarta. Men det
var ingen att av huset åt Ahazja som var sterk nok til å
taka kongedømet. 10 Då Atalja, mor åt Ahazja, fekk
vita at son hennar var dåen, tok ho seg fyre å tyna
heile kongsætti i Judas hus. 11 Men Josabat, dotter åt
kongen, tok Joas Ahazjason, og fekk honom burt ifrå
kongssønerne, som var drepne, og fekk honom og
fostermor hans inn i sengkammerset. Soleis gøymde
Josabat, dotter åt kong Joram og kona åt presten
Jojada - for ho var syster åt Ahazja - honom for Atalja,
so ho fekk ikkje drepe honom. 12 So var han hjå deim
i Guds hus burtgøymd i seks år, medan Atalja styrde i
landet.

**23** Men i det sjuande året tok Jojada mod til seg
og gjorde eit samband med hundradhovdingarne
Azarja Jerohamsson og Ismael Johanansson og Azarja
Obedsson og Ma'aseja Adajason og Elisafat Zikrison.
2 Dei drog ikring i Juda og samla levitarne i hop frå alle
Juda-byarne og ættarhovdingarne i Israel, og so for
dei til Jerusalem. 3 So gjorde heile lyden eit samband
i Guds hus med kongen, og han sagde til deim:
«Kongssonen der skal vera konge, soleis som Herren
hev sagt um Davids søner. 4 Og soleis skal det bera
dykk åt: Den eine tridjeparten av dykk, dei prestarne
og levitarne som tek vakthaldet på kviledagen, dei
skal standa vakt ved dørstokkarne, 5 og den andre
tridjeparten skal standa i kongsgarden, og den tridje i
Grunnporten, men alt folket i tuni ved Herrens hus. 6
Men ingen må koma inn i Herrens hus so nær som
prestarne og dei utav levitarne som gjer tenesta; dei
kann ganga inn der; for dei er heilage. Men det andre
folket skal halda seg etter Herrens fyresegner. 7 So
skal levitarne gjera manngard rundt ikring kongen, kvar
mann med våpn i hand. Kvar den som kjem innåt huset,
skal hoggast ned; og soleis skal de vera ikring kongen
når han gjeng ut, og når han gjeng inn.» 8 Levitarne og
alle Juda-mennerne gjorde no plent det som presten
Jojada baud deim; kvar og ein tok sine folk, både deim
som skulde taka ved vakti um kviledagen og deim som
skulde ganga frå um kviledagen; for presten Jojada
gav ikkje skifti heimlov. 9 Og presten Jojada gav
hundradhovdingarne dei spjoti og dei små skjoldarne
og store skjoldarne som kong David hadde åtta, og som
var i Guds hus. 10 Deretter stelte han upp heile folket,
kvar med sitt våpn i hand, ifrå sudsida til nordsida på
huset, burt til altaret og derifrå til huset att i manngard
kring kongen. 11 Og dei leidde ut kongssonen, sette
kruna på honom og gav honom lovi og gjorde honom
til konge; og Jojada og sønerne hans salva honom og
ropa: «Live kongen!» 12 Men Atalja høyrde ståket ifrå
folket, som sprang og hyllte kongen, og ho gjekk av

stad til folket i Herrens hus. 13 Og då ho såg kongen
stod på tramen sin ved inngangen og hovdingarne
og lurblåsarane hjå kongen, og heile landslyden som
gledde seg og bles i lurarne, og songarane med speli
sine, som leidde fagnadropi, då reiv Atalja sund klædi
sine og ropa: «Samansverjing! samansverjing!» 14
Men presten Jojada baud hundradhovdingarne, som
var hovudsmenner yver heren, at dei skulde føra henne
ut millom rekkjorne og hogga ned kvar den som vilde
fylgja henne. «For de må ikkje drepa henne i Herrens
hus, » sagde presten. 15 Då tok dei henne og førde
henne dit det Hesteporten føre inn til kongsgarden,
og der drap dei henne. 16 Men Jojada gjorde ei pakt
millom seg, heile folket og kongen, at dei skulde vera
eit Herrens folk. 17 Og alt folket drog til Ba'als-huset og
braut det ned; altari og bilæti øydelagde dei reint, og
Ba'als-presten Mattan drap dei framanfor altari. 18 So
sette Jojada tilsyn i Herrens hus og gav det yver til dei
levitiske prestarne, som David hadde tiletla Herrens
hus, - til å ofra Herrens brennoffer, som det er skrive i
Moselovi, med fagnad og song etter skipnad frå David.
19 Og han sette dørvaktarar ved portarne til Herrens
hus, so ingen skulde ganga inn i det som var urein på
einkvar måten. 20 Og han tok hundradhovdingarne og
dei fornæme og dei megtigaste bland folket og heile
landslyden og førde kongen ned frå Herrens hus. Og
dei gjekk gjenom den øvre porten til huset åt kongen
og sette kongen i kongsstolen. 21 Då gledde heile
landslyden seg, og byen kom til ro; men Atalja hadde
dei drepe med sverd.

**24** Sju år gamall var Joas då han vart konge, og
fyrti år styrde han i Jerusalem. Mor hans heitte
Sibja og var frå Be'erseba. 2 Joas gjorde det som rett
var i Herrens augo so lenge presten Jojada livde. 3
Jojada tok tvo konor åt honom, og han fekk søner og
døtter. 4 Sidan kom Joas på den tanken at han vilde
setja i stand Herrens hus. 5 Difor stemde han saman
prestarne og levitarne og sagde til deim: «Drag ut til
Juda-byarne og samla i inn pengar ifrå heile Israel til
å vøla på huset åt dykkar Gud, etter som det krevst
år etter år. Og skunda dykk med å gjera dette!» Men
levitarne skunda seg ikkje med det. 6 Då kalla kongen
til seg øvstepresten Jojada og sagde til honom: «Kvifor
hev du ikkje sytt for at levitarne koma med den skatten
frå Juda og Jerusalem som Moses, Herrens tenar,
lagde på Israels-lyden til beste for kunngjeringstjeldet?
7 For sønerne åt denne ugudlege Atalja, dei hev brote
seg inn i Guds hus, ja, alt som var vigt til Herrens
hus, hev dei bruka på Ba'als-gudarne.» 8 Kongen
baud difor at dei skulde laga ei kista og setja upp
utanfor porten til Herrens hus. 9 Og det vart lyst ut
i Juda og Jerusalem at dei skulde føra den skatten
til Herren som Moses, Guds tenar, hadde lagt på
Israels-borni i øydemarki. 10 Alle hovdingarne og heile
folket bar då pengarne fram med gleda, og kasta i
kista til dess ho var full. 11 Og når dei såg at det var
mykje sylv i henne, tok levitarne kista og førde henne
til det kongelege tilsynet, og då kom den kongelege
skrivaren og den tilsynsmannen som øvstepresten
hadde sett til, kvar gong og tømde kista; og so tok dei
henne og førde hende attende på plassen sin. Soleis
gjorde dei gong etter gong, og dei samla ei stor mengd
med pengar. 12 So gav kongen og Jojada deim til
arbeidsformennerne ved arbeidet på Herrens hus, og
dei leigde steinhoggarar og timbremenner til å setja i
stand Herrens hus, og jarn- og koparsmedar til å vøla
på Herrens hus. 13 Arbeidsformennerne tok fat på
arbeidet, so at verket hadde framgang i deira hand, og
dei bygde upp Guds hus soleis som det hadde vore
planlagt, og fekk det godt i stand. 14 Då dei var ferdige
med det, bar dei resten av pengarne til kongen og
Jojada, og han let gjera gogner av det til Herrens hus,
gogner til tenesta og offeri, og skåler og kjerald av
gull og sylv. Og dei ofra brennoffer i Herrens hus stødt
so lenge Jojada livde. 15 Men Jojada vart gamall og
mett av dagar og døydde; hundrad og tretti år gamall
var han då han døydde. 16 Dei gravlagde honom i
Davidsbyen hjå kongarne, for di han hadde gjort vel
imot Israel og mot Gud og hans hus. 17 Då no Jojada
var avliden, kom hovdingarne i Juda og kasta seg
ned for kongen; og kongen høyrde viljugt på deim.
18 Då gjekk dei ifrå huset åt Herren, sin fedregud, og
dyrka Astarte-bilæti og dei andre avgudarne. Difor kom
det vreide yver Juda og Jerusalem for denne syndi
deira. 19 Og han sende profetar til deim til å føra deim
attende til Herren, og dei tala ålvorsamt til deim, men
dei høyrde ikkje på deim. 20 Då tok Guds ande presten
Zakarja, son åt Jojada, so han stod fram for folket og
sagde til deim: «So segjer Gud: «Kvifor gjer det imot
Herrens bod og slepper ifrå dykk lukka! For di de hev
gjenge ifrå honom, hev han gjenge frå dykk.»» 21 Då
svor dei seg saman imot honom, og steina honom i
fyregarden til Herrens hus etter bod frå kongen. 22
For kong Joas gløymde den kjærleiken som Jojada,
far hans, hadde synt imot honom, og han drap son
hans. Men då han døydde, ropa han: «Herren sjå
og straffe!» 23 Då året var ute, drog syrarheren imot
honom, og dei kom til Juda og Jerusalem og øydde
ut alle hovdingarne i folket og sende heile herfanget
sitt til kongen i Damaskus. 24 Endå syrarheren var
fåment då han kom, so gav Herren ein ovstor her i
deira vald, for di dei hadde gjenge ifrå Herren, sin
fedregud, og soleis sette dei i verk domen yver Joas.
25 Og då dei drog burt ifrå honom - for dei let honom

etter seg i tunge lidingar - då gjorde hirdmennerne
hans ei samansverjing imot honom, for di han hadde
drepe sønerne åt presten Jojada, og dei drap honom
på lega hans. Soleis døydde han, og dei gravlagde
honom i Davidsbyen, men ikkje i kongegraverne. 26
Dei som svor seg saman imot honom, var Zabad,
son åt ammonitkvinna Simat, og Jozabad, son åt
moabitkvinna Simrit. 27 Um sønerne hans og alle
profetordi imot honom og grunnleggjingi av Guds hus,
det finst uppskrive i utleggjingi til kongeboki. Amasja,
son hans, vart konge i staden hans.

25 Fem og tjuge år gamall var Amasja då han vart
konge, og ni og tjuge år styrde han i Jerusalem.
Mor hans heitte Joaddan og var ifrå Jerusalem. 2 Han
gjorde det som rett var i Herrens augo, endå det ikkje
var med eit heilt hjarta. 3 Då han hadde vorte grunnfest
i kongedømet, let han drepe dei hirdmennerne som
hadde slege i hel kongen, far hans. 4 Men borni deira
let han ikkje drepa, men heldt seg til det som stend
skrive i lovi i Moseboki, der Herren hev bode soleis:
«Foreldri skal ikkje døy for det borni deira hev gjort, og
borni ikkje for det foreldri hev gjort, men kvar og ein
skal døy for si eigi synd. 5 So stemnde Amasja Juda-
mennerne saman og skipa deim etter ættgreinerne
under tusund- og hundradhovdingarne for heile Juda
og Benjamin; han mynstra deim ifrå tjugeårsalderen og
uppetter, og på den måten fekk han det til tri hundrad
tusund utvalde stridsføre hermenner som bar skjold
og spjot. 6 Han leigde so hundrad tusund djerve
stridsmenner i Israel for hundrad sylvtalent. 7 Men
gudsmannen kom til honom og sagde: «Israels-heren
må ikkje draga med deg, konge, for Herren er ikkje
med Israel, ikkje med nokon av alle Efraims-borni. 8
Men drag du av stad, gjer det, ver hugheil til striden!
Elles vil Gud føra deg til fall for fienden, for Gud
hev kraft til å hjelpa og til å fella.» 9 Amasja spurde
gudsmannen: «Men kva vert det då av dei hundrad
sylvtalenti som eg hev gjeve til flokken ifrå Israel?»
Men gudsmannen svara: «Herren er god til å gjeva
deg meir enn det.» 10 Då skilde Amasja ut den flokken
som hadde kome til honom ifrå Efraim, og let dei fara
heim. Men yver dette vart dei brennende harme på
Juda og snudde heim i storsinne. 11 Amasja tok mod
til seg og førde herfolket sitt til Saltdalen, og der hogg
han ned ti tusund utav Se'irs-borni. 12 Dessutan tok
Juda-mennerne ti tusund krigsfanger og førde deim
upp på ein bergtopp og støytte deim ned derifrå, so dei
vart knasa alle saman. 13 Men folket av den flokken
som Amasja hadde sendt heim, so dei ikkje drog i
krigen med honom, dei gjorde innfall i Juda-byarne ifrå
Samaria til Bet-Horon, hogg ned tri tusund menneskje
og gjorde stort herfang. 14 Då Amasja var komen att
ifrå sigeren yver edomitarne, tok han med seg gudarne
åt Se'irs-borni og stelte deim upp til guder åt seg; han
kasta seg ned for deim og kveikte offereld for deim. 15
Då vart Herren brennande harm på Amasja, og han
sende ein profet imot honom, som sagde til honom:
«Kvifor held du deg til gudarne åt dette folket, dei som
ikkje hev fria ut sitt eige folk or di hand?» 16 Men då
han tala soleis til honom, sagde han til honom: «Hev
me gjort deg til rådgjevar for kongen? Haldt upp, so
dei ikkje skal slå deg i hel!» Då heldt profeten upp og
sagde: «Eg veit det er Guds råd at han vil ødeleggja
deg, av di du hev gjort dette og ikkje høyrt på mi råd.»
17 Juda-kongen Amasja heldt råd, og so sende han bod
til Israels-kongen Joas, son åt Joahaz, son åt Jehu,
og sagde: «Kom, lat oss røyna kvarandre!» 18 Men
Israels-kongen Joas sende dette svaret til Juda-kongen
Amasja: «Tistelen på Libanon sende bod til cederen
på Libanon og sagde: «Gjev dotter di til kona åt son
min!» Men då flaug villdyri på Libanon yver tistelen og
trakka honom ned. 19 Du tenkjer: Eg hev vunne siger
yver Edom!» Og det hev gjort deg ovmodig; vert roleg
heime! Kvifor vil du leika med ulukka, til fall for deg
sjølv og for Juda?» 20 Men Amasja vilde ikkje høyra;
for Gud laga det soleis, av di han vilde gjeva deim i
fiendehand for di dei hadde søkt Edom-gudarne. 21
Då for Joas, Israels-kongen, upp, og dei fekk røyna
kvarandre, han og Amasja, Juda-kongen, ved Bet-
Semes, som ligg i Juda. 22 Og Juda-folket tapte for
Israels-folket og rømde, kvar til sitt. 23 Joas, Israels-
kongen, tok Amasja, Juda-kongen, son åt Joas, son åt
Joahaz, til fange ved Bet-Semes og førde honom til
Jerusalem. Deretter reiv han ned eit stykke av muren
kring Jerusalem frå Efraimsporten til Hyrneporten, so
mykje som fire hundrad alner. 24 Og han tok alt gullet
og sylvet og alle dei kjerald som fanst i Guds hus
hjå Obed-Edom og i skattkamri i kongsgarden, og
gislarne, og so snudde han heim att til Samaria. 25
Juda-kongen Amasja Joasson livde femtan år etter
Israels-kongen Joas Joahazson var dåen. 26 Det som
elles er å fortelja um Amasja frå fyrst til sist, det er
uppskrive i Judas og Israels kongebok. 27 Men frå den
tid då Amasja sveik Herren, skipa dei ei samansverjing
imot honom i Jerusalem, og då han rømde til Lakis,
sende dei folk etter honom dit, og dei drap honom der.
28 Dei lyfte honom upp på hesteryggen og gravlagde
honom hjå federne i Judabyen.

26 So tok heile folket i Juda Uzzia og gjorde honom
til konge i staden for Amasja, far hans; han var
sekstan år gamall. 2 Det var han som bygde Elot
og lagde det under Juda att, då kongen hadde lagt
seg til kvile hjå federne sine. 3 Sekstan år gamall var

Uzzia då han vart konge, og tvo og femti år rådde
han i Jerusalem. Mor hans heitte Jekilja og var frå
Jerusalem. 4 Han gjorde det som rett var i Herrens
augo, plent som Amasja, far hans, hadde gjort. 5 Han
heldt ved med å søkja Gud so lenge Zakarja livde, han
som skyna Guds syner. Og so lenge som han held
seg til Herren, gav Gud honom lukka. 6 Han gjorde ei
herferd imot filistarane og reiv ned bymurarne i Gat,
Jabne og Asdod og bygde byar i Asdodbygderne og
i Filistarlandet. 7 Gud hjelpte honom mot filistarane
og mot dei arabarane som bur i Gur-Ba'al og mot
me'unitarne. 8 Ammonitarne svara skatt til Uzzia, og
gjetordet um honom nådde til Egyptarland; for han
vart overlag megtig. 9 Uzzia bygde tårn i Jerusalem
ved Hyrneporten, Dalporten og murhyrna og vigfeste
deim. 10 Framleides bygde han tårn på heidi og hogg
ut mange brunnar, for han hadde store buskaper både
i låglandet og på høgsletta, og han hadde jordbruks-
og vinhage-arbeidarar i fjellbygdi og i fruktlandet, for
han var ein ihuga jordbrukar. 11 Uzzia hadde ein
krigsbudd her, som drog i herferd i flokkar etter teljing
og mynstring ved riksskrivaren Je'uel og tilsynsmannen
Ma'aseja og tilskipning av Hananja, som var ein av
hovdingarne åt kongen. 12 Det fulle talet av dei
ættarhovdingarne som var stridsføre, var tvo tusund
og seks hundrad. 13 Under førarskapen deira stod
det ein herstyrke på tri hundrad og sju tusund og fem
hundrad våpnføre mann i full kraft til å hjelpa kongen
mot fienden. 14 Uzzia budde heile heren med skjoldar,
spjot, hjelmar, brynjor, bogar og slyngjesteinar. 15 I
Jerusalem gjorde han kunstigt uttenkte maskinor; dei
vart uppsette på tårni og murtindarne og sende ut
piler og store steinar. Soleis nådde gjetordet hans vida
ikring, for han vart hjelpt på ein underfull måte til han
vart megtig. 16 Men då han var megtig vorten, vart
hjarta hans ovmodigt, so han skjemde seg ut og gjorde
urett mot Herren, sin Gud; han gjekk inn i Herrens
hus og vilde kveikja røykjelse på røykjelsesaltaret. 17
Då gjekk presten Azarja etter honom, og med honom
åtteti av Herrens prestar, djerve menner. 18 Dei steig
fram mot kong Uzzia og sagde til honom: «Du hev
ingen ting med å brenna røykjelse for Herren, Uzzia,
men berre prestarne, sønerne åt Aron, som er vigde til
å brenna røykjelse. Gakk ut or heilagdomen, for du
hev forbrote deg, og det tener ikkje til æra for deg
for Herren Gud.» 19 Uzzia stod med røykjelsesskåli i
handi og skulde til å kveikja i røykjelsen, og han vart
harm; men då vreiden hans bar laus imot prestarne,
då slo spillsykja ut på panna hans, som han stod der
framfyre prestarne attmed røykjelsesaltaret i Herrens
hus. 20 Og då øvstepresten Azarja og alle prestarne
snudde seg imot honom, såg dei at han var spillsjuk
på panna. Då førde dei honom straks burt, og sjølv
skunda han seg med å ganga ut, då Herren hadde
slege honom. 21 Soleis vart kong Uzzia spillsjuk til sin
døyande dag, og han budde i eit hus for seg sjølv i
spillsykja si; for han var utestengd ifrå Herrens hus. Og
Jotam, son hans, var drottsete, og heldt rettargang for
folket i landet. 22 Det som elles er å fortelja um Uzzia
frå fyrst til sist, hev profeten Jesaja, son åt Amos,
skrive upp. 23 Og Uzzia lagde seg til kvile hjå federne
sine, og dei gravla honom hjå federne hans på den
marki der kongegravarne var; for dei kom i hug at han
hadde vore spillsjuk. Og Jotam, son hans, vart konge i
staden hans.

**27** Fem og tjuge år gamall var Jotam då han vart
konge, og sekstan år styrde han i Jerusalem.
Mor hans heitte Jerusa Sadoksdotter. 2 Han gjorde
det som rett var i Herrens augo, plent som Uzzia, far
hans, hadde gjort, so nær som at han ikkje gjekk inn i
Herrens hus. Men folket heldt ved og gjorde det som
vondt var. 3 Han bygde den øvre porten i Herrens hus,
og bygde dessutan mykje på Ofelmuren. 4 Han bygde
upp byar i Judafjelli og borger og tårn i skogarne. 5
Han hadde krig med kongen yver Ammons-borni og
vann yver deim, so at Ammons-borni svara skatt til
honom i det året, tvo hundrad og femti våger sylv,
tretti tusund tunnar kveite og tretti tusund tunnor bygg;
det same svara Ammons-borni honom året etter og
det tridje året med. 6 Soleis vart Jotam megtig, av
di han stødt førde si livsferd for Herren, sin Gud. 7
Det som elles er å fortelja um Jotam, um alle krigarne
hans og um alle fyretaki hans, er uppskrive i Israels og
Judas kongebok. 8 Fem og tjuge år var han då han
vart konge, og sekstan år styrde han i Jerusalem. 9
So lagde Jotam seg til kvile hjå federne sine, og dei
gravlagde honom i Davidsbyen, og Ahaz, son hans,
vart konge i staden hans.

**28** Tjuge år gamall var Ahaz då han vart konge, og
sekstan styrde han i Jerusalem. Han gjorde ikkje
det som rett var i Herrens augo, soleis som David, far
hans; 2 men han gjekk på vegen åt Israels-kongarne,
og han laga jamvel støypte bilæte for Ba'als-gudarne.
3 Han kveikte offereld i Hinnomssonsdalen og vigde
sønerne sine i elden etter den avstyggjelege seden åt
dei folki som Herren hadde drive burt for Israels-borni.
4 Han slagta og kveikte offereld på offerhaugarne og
bakkarne og under kvart grønt tre. 5 Difor gav Herren,
hans Gud, honom i henderne på syrarkongen, og
dei vann siger yver honom og tok av folket hans ei
stor mengd til fangar, som dei førde til Damaskus.
Sameleis vart han gjeven i handi på Israels-kongen og
leid ein stor usiger. 6 Pekah, son åt Remalja, drap

hundrad og tjuge tusund mann på ein dag i Juda, og
det berre stridsføre folk, av di dei hadde svike Herren,
sin fedregud. 7 Og Zikri, ein djerv kar frå Efraim, drap
kongssonen Ma'aseja, drottseten Azrikam, og Elkana,
den andre næst etter kongen. 8 Israels-sønerne førde
burt med seg tvo hundrad tusund fangar, konor, søner
og døtter åt landsmennerne sine, og tok ifrå deim eit
stort herfang, som dei førde til Samaria. 9 Men ein av
Herrens profetar som heitte Oded, og som livde der,
han gjekk ut imot heren då han kom til Samaria og
sagde til deim: «I harmen sin yver Juda hev Herren,
dykkar fedregud, gjeve deim i dykkar vald; men de
hev drepe deim med eit sinne som når til himmelen.
10 Og no tenkjer de på å kua ned under dykk folki
ifrå Juda og Jerusalem og gjera deim til trælarne og
trælkvinnorne dykkar. Hev de ikkje sjølve skuld nok
fyrr imot Herren dykkar Gud? 11 Høyr difor på meg
og send attende dei fangarne de hev teke ifrå brørne
dykkar! for Herrens brennande harm er yver dykk.» 12
Då stod nokre av hovdingarne for Efraims-ætti, det
var Azarja Johanansson, Berekja Mesillemotsson og
Hizkia Sallumsson og Amasa Hadlaison, dei stod fram
for deim som kom attende frå herferdi, 13 og sagde til
deim: «De må ikkje føra fangarne hit; for de tenkjer på
å auka synderne og misgjerdi vår og føra skuld frå
Herren yver oss, for me hev ei stor syndeskuld, og det
er brennande harm yver Israel.» 14 Då slepte herfolki
ifrå seg fangarne og herfanget framfor hovdingarne og
heile lyden. 15 Og dei mennerne som er nemnde, tok
fangarne, klædde deim som var nakne ibland deim
med det dei hadde til herfang, gav deim klæde og
skor, gav deim mat og drikka, salva deim og sette
deim som var utarma uppå asen og førde deim til
Palmebyen, Jeriko, til brørne deira; og deretter snudde
dei attende til Samaria. 16 På den tid sende kong
Ahaz bod til assyrarkongen um hjelp. 17 For attåt
alt anna kom edomitarne og slo Juda og førde burt
krigsfangar. 18 Og filistarane fall inn i byarne i låglandet
og i Sudlandet i Juda og tok Bet-Semes og Ajjalon og
Gederot og Soko og bygderne kringum og Timna og
bygderne kringum og Gimzo og bygderne kringum,
og dei busette seg der. 19 For Herren vilde gjera
Juda mjukt for Ahaz skuld, Israels-kongen, av di han
gjorde Juda agelaust og var utru imot Herren. 20 Men
assyrarkongen, Tilgat-Pilneser, drog imot honom og
for fiendsleg fram imot honom i staden for å hjelpa
honom. 21 For Ahaz plyndra Herrens hus og huset åt
kongen og hovdingarne og gav det til assyrarkongen,
men det hjelpte honom ingen ting. 22 Og den tid han
var i naud, heldt han, kong Ahaz, fram med å vera
utru imot Herren. 23 Han ofra til gudarne i Damaskus,
som hadde sigra yver honom, og sagde: «Gudarne
åt syrarkongarne hev då hjelpt deim; til deim vil eg
ofra, so dei kann hjelpa meg.» Men dei vart til fall for
honom sjølv og for heile Israel. 24 Ahaz samla dei tingi
som fanst i Guds hus og slo deim sund; han stengde
dørerne til Herrens hus og bygde seg altar ved kvart
hyrna i Jerusalem. 25 Og i kvar einaste by i Juda
bygde han upp offerhaugar til å kveikja offereld på
for framande gudar, og soleis harma han Herren, sin
fedregud. 26 Det som elles er å fortelja um honom
og heile hans ferd frå fyrst til sist, det er uppskrive i
Judas og Israels kongebok. 27 Og Ahaz lagde seg til
kvile hjå federne sine, og dei gravla honom i byen,
i Jerusalem; for dei vilde ikkje gravleggja honom i
graverne åt Israels-kongarne. Og Hizkia, son hans,
vart konge i staden hans.

**29** Hizkia vart konge då han var tjuge år gamall,
og ni og tjuge år styrde han i Jerusalem. Mor
hans heitte Abia og var dotter åt Zakarja. 2 Han gjorde
det som rett var i Herrens augo, nett som David, far
hans, hadde gjort. 3 I den fyrste månaden i det fyrste
styringsåret sitt let han opna dørerne til Herrens hus og
sette deim i stand. 4 So let han prestarne og levitarne
koma og stemnde deim saman på den opne plassen
mot aust. 5 Og han sagde til deim: «Høyr på meg,
de levitar! No skal de helga dykk sjølve, og deretter
skal de helga huset åt Herren, dykkar fedregud, og
føra ureinskapen ut or heilagdomen. 6 For federne
våre hev vore utrugne og hev gjort det som vondt
var for augo åt Herren, vår Gud; dei hev gjenge burt
ifrå honom, hev vendt si åsyn burt ifrå Herrens hus
og snutt ryggen til det. 7 Dei hev og stengt dørerne
til forhalli, hev sløkt lamporne; ikkje kveikt røykjelse
eller ofra brennoffer i heilagdomen åt Israels Gud.
8 Difor kom Herrens harm yver Juda og Jerusalem,
og han gjorde deim til eit skræmsel, ei fæla og eit
åtløgje, som de ser med eigne augo. 9 Til straff for
dette er federne våre falne for sverdet, og sønerne
og døtterne og konorne våre er hertekne. 10 Difor
hev eg no sett meg fyre at eg vil gjera ei pakt med
Herren, Israels Gud, so hans brennande harm må
venda seg ifrå oss. 11 Lat det difor ikkje skorta dykk
på ihuge, sønerne mine, for dykk hev Herren valt ut
til å standa for hans åsyn og tena honom og vera
tenarane hans og kveikja røykjelse for honom.» 12
Då reiste levitarne seg: Mahat Amasaison og Joel
Azarjason av kahatitsønerne; av Merari-sønerne Kis
Abdison, og Azarja Jehallelelsson, og av gersonitarne
Joah Zimmason, og Eden Joahsson. 13 Av Elisafans-
sønerne Simri og Je'uel, og av Asafs-sønerne Zakarja
og Mattanja, 14 og av Hemans-sønerne Jehuel og
Sime'i, og av Jedutuns-sønerne Semaja og Uzziel.
15 Dei samla brørne sine, og dei helga seg, og sidan

gjekk dei inn for å reinsa Herrens hus, so som kongen
hadde bode etter fyresegnerne frå Herren. 16 Og
prestarne gjekk inn det indre av Herrens hus og reinsa
det, og alt det ureine som dei fann i Herrens tempel,
førde dei ut i tunet ved Herrens hus; der tok levitarne
imot det og førde det ut i Kidronsdalen. 17 Den fyrste
dagen i den fyrste månaden tok dei til å helga, og
den åttande dagen i månaden gjekk dei inn i Herrens
forhall og helga Herrens hus i åtte dagar, og den
sekstande dagen i den fyrste månaden var dei ferdige
med det. 18 So gjekk dei inn til kong Hizkia og sagde:
«No hev me reinsa heile Herrens hus, brennofferaltaret
og alt som til høyrer, og skodebrødsbordet og alt som
til høyrer. 19 Alle dei reidskaparne som kong Ahaz
hev vanhelga i sin utruskap medan han var konge,
deim hev me sett i stand og helga, og no stend dei
framfyre Herrens altar.» 20 Tidleg um morgonen samla
kong Hizkia dei øvste i byen og gjekk upp til Herrens
hus. 21 Og dei førde fram sju uksar, sju verar, sju
lamb og sju geitebukkar til syndoffer for kongeriket og
heilagdomen og Juda; og han baud Arons-sønerne,
prestarne, å ofra deim på Herrens altar. 22 Dei slagta
då uksane, og prestarne tok imot blodet og skvette
det på altaret; so slagta dei verarne og skvette blodet
på altaret, so slagta dei lambi og skvette blodet på
altaret. 23 Sidan førde dei syndofferbukkarne fram
for kongen og lyden, og dei lagde henderne sine på
deim, 24 so slagta prestarne dei og hadde blodet
deira på altaret til syndoffer, til soning for heile Israel;
for kongen hadde sagt at brennofferet og syndofferet
skulde vera for heile Israel. 25 Og han stelte upp
levitarne i Herrens hus med cymblar, harpor og cithrar,
soleis som David, Gad, sjåaren åt kongen, og profeten
Natan hadde bode; for bodet um dette hadde Herren
gjeve gjenom profetarne sine. 26 Levitarne stod med
Davids spelgogner, og prestarne med lurarne. 27 Og
Hizkia baud at brennofferet skulde ofrast på altaret,
og då ofringi tok til, byrja songen for Herren, og
lurarne, medan spelgognerne åt David, Israels konge,
styrde songen. 28 Då kasta heile lyden seg til jordi
medan songen tona og lurarne let, og alt dette varde
til ofringi var til endes. 29 Då dei var ferdige med
ofringi, fall kongen på kne og alle dei som var til stades
med honom, og dei bad. 30 So baud kong Hizkia
og hovdingarne at levitarne skulde syngja Herrens
lov med ordi åt David og sjåaren Asaf, og dei song
lovsongen med fagnad og bøygde seg og bad. 31
Hizkia tok då til ords og sagde: «No hev de vigt dykk
til Herren; kom då fram og før slagtofferi og lovofferi
til Herrens hus!» Då førde lyden fram slagtoffer og
lovoffer, og kvar ein som vart driven til det i hjarta
sitt, førde fram brennoffer. 32 Dei brennofferi som
lyden førde fram, var sytti uksar, hundrad verar og tvo
hundrad lamb; alle dei var brennoffer for Herren. 33
Og heilagofferi var seks hundrad uksar og tri tusund
sauer. 34 Men det var ikkje mange nok av prestarne til
å flå alle brennofferi, og brørne deira, levitarne, hjelpte
deim difor med det, til arbeidet var fullgjort, og til dess
alle prestarne hadde helga seg; for levitarne synte
ein ærlegare vilje til å helga seg enn prestarne. 35
Dessutan var det ei mengd med brennoffer og attåt
deim feittstykki av takkofferi og dei drykkofferi som
høyrde til brennofferi. Soleis fekk dei i stand tenesta i
Herrens hus. 36 Og Hizkia og heile folket gledde seg
yver det som Gud hadde gjort for folket; for alt dette
gjekk fyre seg med eit slag.

**30** Sidan sende Hizkia bod til heile Israel og Juda
og skreiv ogso brev til Efraim og Manasse um
at dei skulde koma til Herrens hus i Jerusalem og
halda påskehelg for Herren, Israels Gud. 2 Kongen
og hovdingarne hans og heile lyden i Jerusalem
hadde halde råd um å høgtida påskehelgi i den andre
månaden. 3 For dei kunde ikkje halda høgtidi den
gongen, av di det ikkje var nok av prestarne som
hadde helga seg, og folket ikkje var samla i Jerusalem.
4 Det tykte kongen og heile lyden var rett. 5 Difor
gjorde dei det vedtaket at dei sende eit upprop ikring
i heile Israel ifrå Be'erseba til Dan um at dei skulde
koma og halda påskehelgi for Herren, Israels Gud,
i Jerusalem; for dei hadde ikkje høgtida henne so
mangment som det var fyreskrive. 6 Det gjekk då
snøggbod ut i heile Israel og Juda med brev frå kongen
og hovdingarne hans, etter som kongen hadde bode,
og sagde: «De Israels-søner, vend um att til Herren,
Abrahams og Isaks og Israels Gud, so han må venda
seg til den leivningen av dykk som hev kome seg
undan or henderne åt assyrarkongarne! 7 Ver ikkje
de som federne og brørne dykkar, som var utrogne
mot Herren, deira fedregud, so han gjorde deim til ei
rædsla, som det no ser. 8 Ver no ikkje slike hardnakkar
som federne dykkar! Gjev Herren handi og kom til
heilagdomen hans, som han hev helga for alle tider, og
ten Herren dykkar Gud, so hans brennande harm må
venda seg burt ifrå dykk. 9 For når de vender um til
Herren, vil brørne og sønerne dykkar finna miskunn
hjå deim som held deim fangar, og koma heim att til
dette landet. For Herren, dykkar Gud, er nådig og
miskunnsam og vil ikkje venda åsyni si burt ifrå dykk
når de vender um til honom.» 10 Snøggbodi drog
ikring frå by til by i Efraims- og Manasselandet og like
til Sebulon, men dei log åt deim og hædde deim. 11
Like vel var det nokre i Asser og Manasse og Sebulon
som audmykte seg og drog til Jerusalem. 12 I Juda
og verka Guds hand til å gjeva deim ein samheldig

hug, so dei gjorde det som kongen og hovdingarne
hadde bode etter Herrens ord. 13 Soleis samla det
seg mykje folk i Jerusalem og høgtida søtebrødhelgi i
den andre månaden; ein ovleg ålmuge. 14 Dei tok seg
fyre å få burt dei altari som fanst i Jerusalem, og tok
burt offerstadarne og kasta deim i Kidronsdalen. 15
So slagta dei påskelambet på den fjortande dagen i
den andre månaden. Prestarne og levitarne skjemdest
og helga seg og førde brennoffer til Herrens hus. 16
Og dei stelte seg på plassarne sine, so som det var
deim fyreskrive, etter lovi åt gudsmannen Moses, og
prestarne skvette blodet, som dei fekk av levitarne. 17
For det var mange i lyden som ikkje hadde vigt seg, og
difor greidde levitarne med å slagta påskelambi for alle
deim som ikkje var reine, so dei kunde vigja deim til
Herren. 18 For dei fleste av folket, mange ifrå Efraim,
Manasse, Issakar og Sebulon, dei hadde ikkje vigt seg,
men åt påske på onnor vis enn det var fyreskrive. Men
Hizkia gjekk i forbøn for deim og sagde: «Herren, den
gode, han tilgjeve 19 kvar den som hev lagt hugen sin
på å søkja Gud Herren, sin fedregud, jamvel um han
ikkje er rein, so som heilagdomen krev det.» 20 Og
Herren bønhøyrde Hizkia og sparde folket. 21 Soleis
høgtida dei Israels-borni som var til stades i Jerusalem
søtebrødhelgi med stor fagnad i sju dagar; og kvar dag
song levitarne og prestarne lovsonger med kraftige
spelgogner for Herren. 22 Og Hizkia tala venleg til alle
dei levitarne som hadde vore sers dugande i Herrens
tenesta; og dei åt høgtidsofferi dei sju dagarne, og
dei ofra takkoffer og lovprisa Herren, sin fedregud. 23
Men sidan samdest heile lyden um å høgtida endå sju
dagar, og dei høgtida dei sju dagarne med fagnad. 24
For Hizkia, kongen i Juda, gav lyden tusund uksar og
sju stykke småfe, og hovdingarne gav lyden tusund
uksar og ti tusund stykke småfe. Og prestarne helga
seg i stor mengd. 25 Og heile Juda-lyden gledde seg,
og prestarne og levitarne og heile den lyden som var
komen ifrå Israel og dei framande som var komne ifrå
Israelslandet eller budde i Juda. 26 Og det var stor
gleda i Jerusalem; for sidan dagarne åt Israels-kongen
Salomo Davidsson hadde det ikkje hendt noko slikt i
Jerusalem. 27 Og levitprestarne stod upp og velsigna
folket, og røysti deira vart høyrd; for bøni deira nådde
fram til den heilage bustaden hans, til himmelen.

**31** Då dei no alt dette var slutt, drog alle dei
israelitarne som var til stades ut til byarne i Juda
og braut sund minnesteinarne, hogg ned Astarte-
bilæti og reiv ned offerhaugarne og altari i heile Juda
og Benjamin, og i Efraim og Manasse, til dei reint
hadde gjort ende på deim. Og so snudde alle Israels-
sønerne heim att, kvar til sin eigedom i byarne sine.
2 So skipa Hizkia preste- og levitskifti, etter som dei
høyrde til i det eine eller det andre skiftet, so at kvar
og ein av prestarne og levitarne fekk si tenesta med
brennofferi og takkoffer, å gjera tenesta med pris og
lov i portarne til Herrens læger. 3 Det som kongen gav
av eiga si, vart bruka til å greida brennofferi, morgon-
og kvelds-brennofferi og brennofferi på kviledagarne,
nymånedagarne og høgtiderne, soleis som skrive stend
i Herrens lov. 4 Og han baud deim av folket som budde
i Jerusalem at dei skulde gjeva det som prestarne og
levitarne skulde hava, so dei kunde halda fast ved
Herrens lov. 5 So snart dette vart kjent, kom Israels-
sønerne med rikleg mengd av fyrstegrøda av korn,
druvesaft, olje og honning og alt det andre avgrødet
på marki, og sameleis tiend av alt i rikeleg mengd. 6
Og dei israelitarne og Juda-mennerne som budde i
Juda-byarne, kom og med tiend utav storfe og småfe,
og dei kom med tiend av dei heilage gåvorne som var
vigde til Herren, deira Gud, og lagde deim haug ved
haug. 7 I den tridje månaden tok dei til å hauga i hop,
og i den sjuande månaden var dei ferdige med det. 8
Hizkia og hovdingarne kom då og såg på haugarne, og
dei prisa Herren og Israel, folket hans. 9 Då so Hizkia
spurde prestarne og levitarne um haugarne, 10 svara
øvstepresten Azarja av Sadoks hus honom: «Sidan
dei tok til å føra offergåva til Herrens hus, hev me ete
oss mette og leivt mykje att, for Herren hev velsigna
folket sitt, so me hev fenge leivt all denne rikdomen.»
11 Hizkia gav då det bodet at dei skulde laga til buder i
Herrens hus; og då dei hadde laga slike, 12 førde dei
inn der avgrødet, tiendi og heilaggåvorne, alt på tru og
æra. Tilsynet med dette vart gjeve til leviten Konanja
og næmast under honom Sime'i, bror hans. 13 Og
Jehiel, Azazja, Nahat, Asael, Jerimot, Jozabad, Eliel,
Jismakja, Mahat og Benaja var tilsynsmenner jamsides
med Konanja og Sime'i, bror hans, etter påbodet kong
Hizkia og Azazja, den øvste i Guds hus. 14 Leviten
Kore Jimnason, som var dørvaktar på øystre sida,
hadde tilsyn med dei friviljuge gåvorne til Gud, og
skulde skifta ut Herrens offergåvor og dei høgheilage
gåvorne. 15 Under honmom vart sett Eden, Minjamin,
Jesua, Semaja, Amarja og Sekanja; dei skulde vera i
prestebyarne og skifta ut på tru og æra til brørne sine,
både til store og små, etter dei skifti dei høyrde til, 16
Her var frårekna dei av mannkyn som var ifrå tri år
og uppetter, og som kom til Herrens hus etter som
torvi var frå dag til dag og gjorde arbeidet sitt etter
som tenesta deira var etter dei skifti dei høyrde til.
17 Prestarne vart upptekne i lista etter ættgreinene
sine, levitarne ifrå tjugeårsalderen og uppetter etter
tenestskyldnaden sin, etter dei skifti dei høyrde til.
18 Det vart gjort soleis at dei vart upptekne med alle
småborni sine, konorne, sønerne og døtterne sine, so

mange dei var; for på tru og æra skulde dei styra med
dei heilage tingi. 19 For bymarkarne åt Arons-sønerne,
prestarne, var det nokre namngjevne menner i kvar by
som skifte til kvar karmann millom prestarne og deim
utav levitarne som var upptekne i listorne, det som dei
hadde rett til. 20 Soleis gjorde Hizkia i heile Juda, og
han gjorde det som godt og rett og sant var for Herren,
sin Guds åsyn. 21 Alle dei verki som han tok seg fyre i
tenesta for Guds hus, i lovi og i bodet med det fyremål
å søkja sin Gud, alle dei gjorde han av heile sitt hjarta,
og han hadde lukka med seg.

**32** Etter desse hendingar og denne truskap kom
assyrarkongen Sankerib og drog inn i Juda; der
lægra han seg kring dei faste borger og tenkte å
leggja deim under seg. 2 Då no Hizkia vart vis med
at Sankerib var komen og hadde tenkt seg til å gjera
åtak på Jerusalem, 3 rådlagde han med hovdingarne
og kjemporne sine um å teppa for vatnet i kjeldorne
utanfor byen, og dei hjelpte honom. 4 Det samla seg
då ei mengd med folk som tepte kjeldorne og bekken
som renn midt igjenom landet; for dei sagde: «Kvi
skulde assyrarkongarne koma og finna mykje vatn?» 5
So tok han mod og mannskap til seg og bygde upp
heile den luten av muren som var nedbroten, og bygde
radt upp til tårni, og ein annan mur bygde han utanfor;
han vigfeste Millo i Davidsbyen og laga ei mengd
kastevåpn og skjoldar. 6 Og han sette herførarar yver
krigsfolket, og då han hadde stemnt deim saman på
plassen ved byporten, tala han til deim og moda deim
upp og sagde: 7 «Ver hugheile og modige, ottast ikkje
og ræddast ikkje for assyrarkongen og heile den hopen
han hev med seg; for med oss er det ein som er større
enn den som er med honom! 8 Med honom er det ein
arm av kjøt, men med oss er Herren, vår Gud, som
vil hjelpa oss og føra krigarne våre.» Då leit folket
på talen åt Juda-kongen Hizkia. 9 Assyrarkongen
Sanherib kringsette sjølv Lakis med heile hermagti si,
men sende tenarane sine til Juda-kongen Hizkia og til
alle Juda-mennerne i Jerusalem og let deim segja:
10 «So segjer assyrarkongen Sankerib: «Kva er det
de lit på, de som sit innestengde i Jerusalem? 11
Hizkia lokkar dykk til å døy av hunger og torste når
han segjer: «Herren, vår Gud, skal berga oss or handi
åt assyrarkongen.» 12 Hev ikkje den same Hizkia
teke burt offerhaugarne og altari hans og bode Juda
og Jerusalem at dei berre skal kasta seg ned for eit
einaste altar og berre kveikja offereld på det? 13 Veit
de då ikkje kva eg og federne mine hev gjort med folki
frå alle land? hev vel folkegudarne i landi magta å
berga landi sine or mi hand? 14 Kven av alle gudarne
hjå desse folki, som federne mine hev bannstøytt,
er det som hev kunna berga folket sitt or mi hand,
so dykkar Gud skulde kunna berga dykk or mi hand!
15 Lat difor ikkje Hizkia narra dykk og dåra dykk på
denne måten! Tru honom ikkje! for ingen gud hjå noko
folk eller rike hev magta å berga folket sitt ut or mi
hand eller or handi på federne mine; kor mykje mindre
skulde då dykkar gud kunna berga dykk or mi hand!»»
16 Og tenarane hans tala endå fleire ord imot Herren
Gud og imot Hizkia, tenaren hans. 17 Og han skreiv eit
brev og til å hæda Herren, Israels Gud, og tala imot
honom, og der stod det: «Likso lite som folkegudarne i
landi hev berga folki sine or mi hand, likso lite skal
Guden åt Hizkia berga sitt folk or mi hand.» 18 Og dei
ropa med høg røyst på jødisk mål til folket i Jerusalem,
som stod på muren; dei vilde støkkja og skræma
deim, so dei kunde take byen. 19 Og dei tala um
Jerusalems Gud på same måten som um folkegudar
på jordi, dei som er verk av mannehender. 20 Då bad
kong Hizkia og profeten Jesaja Amosson for denne
saki skuld, og dei ropa til himmelen. 21 Og Herren
sende ein engel som øydde ut alle stridsmennerne,
fyrstarne og hovdingarne i lægret åt assyrarkongen,
so han laut snu heim att til landet sitt med spott og
spe. Og då han gjekk inn i huset åt guden sin, var
det nokre av hans eige avkjøme som hogg honom
ned med sverd. 22 Soleis frelste Herren Hizkia og
Jerusalems-folket or handi åt assyrarkongen Sanherib
og or handi åt alle andre, og han gav deim fred på
alle kantar. 23 Og mange førde gåvor til Herren, til
Jerusalem, og dyre gåvor til Juda-kongen Hizkia, og
han vart høgvyrd hjå alle folki etter dette. 24 I dei
dagarne lagdest Hizkia i helsott. Då bad han til Herren,
og han svara honom og gav honom eit underteikn. 25
Men Hizkia lønte ikkje den velgjerningi som vart gjord
imot honom, men hjarta hans vart ovmodigt, og difor
kom det harm yver honom og Juda og Jerusalem. 26
Men han audmykte seg midt i sitt hjartans ovmod, og
Jerusalems-folket med honom, då kom Herrens harm
ikkje yver deim so lenge Hizkia livde. 27 Hizkia hadde
ovstor rikdom og æra. Han bygde seg skattkammer
for gull og sylv og glimesteinar og finangande kryddor
og alle slags dyrverdige ting, 28 dessutan forrådshus
for avgrødet av korn og druvesaft og olje, fjøs for alle
slags bufe, og kvier for buskaparne. 29 Og han fekk
seg byar og bufe og småfe i mengd; for Gud gav
honom ovmykje gods. 30 Den same Hizkia tepte det
øvre utlaupet av Gihonvatnet, og leidde vatnet ned
mot vest til Davidsbyen. I alle tiltaki sine hadde Hizkia
lukka med seg. 31 Soleis og då sendebodi kom frå
Babels-fyrstarne, som sende bod til honom og vilde
høyra um det underteiknet som hadde hendt i landet,
då gjekk Gud frå honom berre soleis, at han sette

honom på prøva, so han kunde få fullrøynt huglyndet
hans. 32 Det som elles er å fortelja um Hizkia og
godgjerningarne hans, er uppskrive i openberringi
åt profeten Jesaja Amosson og i boki um Juda- og
Israels-kongarne. 33 Og Hizkia lagde seg til kvile hjå
federne sine, og dei gravlagde honom der som ein
stig upp til graverne åt Davids-sønerne; og alle Juda-
mennerne og Jerusalems-buarne synte honom stor
æra ved avferdi hans. Og Manasse, son hans, vart
konge i staden hans.

**33** Tolv år gamall var Manasse då han vart konge,
og fem og femti år styrde han i Jerusalem. 2
Han gjorde det som vondt var i Herrens augo, etter
den avstyggjelege seden hjå dei folki som Herren
hadde rudt ut for Israels-borni. 3 Han bygde upp
att offerhaugarne som Hizkia, far hans, hadde rive
ned, og sette upp altari for Ba'als-gudarne og gjorde
Astarte-bilæte og kasta seg ned for og tente heile
himmelheren. 4 Og han bygde altar i Herrens hus,
endå Herren hadde sagt: «I Jerusalem skal namnet
mitt vera æveleg.» 5 Og han bygde altar for heile
himmelheren i båe tuni kring Herrens hus. 6 Han
vigde sønerne sine i elden i Hinnomssons-dalen og
for med spådom og trolldom og runing og fekk seg
tinga folk til å mana draugar og spåvette; han gjorde
mykje som vondt var i Herrens augo og harma honom.
7 Og avgudsbilætet som han hadde gjort, sette han
upp i Guds hus, som Gud hadde sagt um til David og
Salomo, son hans: «Til dette huset og til Jerusalem,
som eg hev valt ut millom alle Israels ætter, vil eg
festa namnet mitt i all æva. 8 Og eg vil ikkje meir lata
Israel fara burt ifrå det landet som eg etla åt federne
dykkar, berre dei agtar på å halda alt det som eg
hev bode deim, etter heile lovi og bodi og rettarne
som dei fekk ved Moses.» 9 Men Manasse førde
Juda og Jerusalems-buarne til å stella seg verre enn
dei folki som Herren hadde øydt ut for Israels-borni.
10 Då tala Herren til Manasse og folket hans, men
dei agta ikkje på det. 11 So let Herren herførarne åt
assyrarkongen koma yver deim, og dei fanga Manasse
med krokar, lagde honom i koparlekkjor og førde
honom til Babel. 12 Men då han var i naud, bad han
Herren, sin Gud, um nåde, og han audmykte seg djupt
for fedreguden sin. 13 Og då han bad til honom, let
han seg blidka og høyrde bøni hans og førde honom
attende til Jerusalem til kongedømet hans. Då kom
Manasse i hug at Herren er Gud. 14 Sidan bygde han
ein ytre mur for Davidsstaden vestanfor Gihon i dalen
og burt imot Fiskeporten, so han gjekk ikring Ofel;
og gjorde honom svært høg. I alle borgbyarne i Juda
sette han herførarar. 15 Han førde burt dei framande
gudarne og avgudsbilætet ifrå Herrens hus og alle dei
altari som han hadde bygt på det berget der Herrens
hus stod og i Jerusalem, og han kasta deim utanfor
byen. 16 Derimot reiste upp att Herrens altar, og han
ofra takkoffer og lovoffer på det; og han baud Juda at
dei skulde tena Herren, Israels Gud. 17 Men folket
heldt ved med å ofra på offerhaugarne, men einast
til Herren, deira Gud. 18 Det som elles er å fortelja
um Manasse, um bøni hans til sin Gud og ordi åt
dei sjåarane som tala til honom i namnet åt Herren,
Israels Gud, det er uppskrive i krønikeboki åt Israels-
kongarne. 19 Og um bøni hans, og korleis han vart
bønhøyrd, og heile syndi og utruskapen hans og dei
staderne der han bygde upp offerhaugar og sette upp
Astarte-stolparne og avgudsbilæti fyrr han audmykte
seg, det er uppskrive i krønikeboki åt Hozai. 20 Og
Manasse lagde seg til kvile hjå federne sine, og dei
gravlagde honom ved huset hans, og Amon, son hans,
vart konge i staden hans. 21 Tvo og tjuge år gamall
var Amon då han vart konge, og tvo år styrde han i
Jerusalem. 22 Han gjorde det som vondt var i Herrens
augo, liksom Manasse, far hans; og han ofra til alle dei
bilæti som Manasse, far hans, hadde gjort, og han
tente deim. 23 Han audmykte seg ikkje for Herrens
åsyn, soleis som Manasse, far hans, gjorde, men han,
Amon, leste på seg stor skuld. 24 Tenarane hans svor
seg saman mot honom og drap honom i huset hans.
25 Men landsfolket drap alle deim som hadde svore
seg saman imot kong Amon, og landsfolket tok Josia,
son hans, til konge i staden hans.

**34** Åtte år gamall var Josia då han vart konge, og eitt
og tretti år styrde han i Jerusalem. 2 Han gjorde
det som rett var i Herrens augo, og han fylgde i fotefari
åt David, far sin, og tok ikkje or leidi, korkje til høgre
eller vinstre. 3 I det åttande styringsåret sitt, då han
endå var ein ungdom, tok han til å søkja Gud åt David,
far sin, og i det tolvte året tok han til å reinsa Juda og
Jerusalem for offerhaugarne og Astarte-bilæti og dei
uthogne og støypte bilæti. 4 Dei reiv ned Ba'als-altari
med han såg på det; solstolparne som var ovanpå
deim, hogg han ned, og Astarte-bilæti og dei uthogne
og støypte bilæti slo han sund og knasa og strøydde
deim ut på graverne åt deim som hadde ofra til deim.
5 Og beini åt prestarne brende han på altari deira.
Soleis reinsa han Juda og Jerusalem. 6 Og i byarne i
Manasse og Efraim og Simeon og radt til Naftali røkte
han etter i husi deira rundt ikring, 7 og han braut ned
altari, slo sund og krasa Astarte-bilæti og gudebilæti og
hogg ned solstolparne i heile Israels land; so snudde
han heim att til Jerusalem. 8 I det attande styringsåret
sitt, medan han heldt på å reinsa landet og huset,
sende han Safan Asaljason og Ma'aseja, byhovdingen,
og kanslaren Joah Joahazson til å setja i stand huset

åt Herren, hans Gud. 9 Då dei kom til øvstepresten
Hilkia, gav dei ut det sylvet som var ført til Guds hus;
det var det som levitarne, dørstokkvakti, hadde samla
inn frå Manasse og Efraim og heile resten av Israel og
frå heile Juda og Benjamin og Jerusalems-buarne.
10 Dei gav det til arbeidsformennerne som hadde
tilsynet med Herrens hus; og arbeidsformennerne som
arbeidde i Herrens hus, bruka det til å vøla på og setja
i stand huset; 11 for dei gav det til timbremennerne
og murarane for at dei skulde kjøpa hoggen stein og
timber til bjelkar og timbra upp dei husi som Juda-
kongarne hadde øydelagt. 12 Mennerne arbeidde
trufast, og tilsynet med deim var gjeve til levitarne Jahat
og Obadja av meraritarne, og Zakarja og Mesullam av
kahatitarne, so dei skulde vera formenner, og alle dei
levitar som kunde handsama spelgogner. 13 Dei hadde
og tilsynet med berarane og sagde alle arbeidarne fyre
ved kvart einskild arbeid. Og nokre av levitarne var
skrivarar og formenner og dørvaktarar. 14 Men då dei
tok fram dei pengarne som var innkomne til Herrens
hus, fann presten Hilkia boki med Herrens lov, som var
gjevi ved Moses. 15 Og Hilkia sagde til riksskrivaren
Safan: «Eg hev funne lovboki i Herrens hus!» Og han
gav boki til Safan. 16 Og Safan bar henne til kongen,
og gav dessutan melding til honom og sagde: «Alt det
som er pålagt tenarane dine, det gjer dei. 17 Dei hev
tømt ut det sylvet som fanst i Herrens hus og gjeve
det til formennerne og arbeidsfolket.» 18 So melde
riksskrivaren Safan til kongen sagde: «Presten Hilkia
hev gjeve meg ei bok.» Og Safan las upp av henne for
kongen. 19 Men då kongen fekk høyra ordi i lovi, reiv
han sund klædi sine. 20 Og kongen baud Hilkia og
Ahikam Safansson og Abdon Mikason og riksskrivaren
Safan og kongstenaren Asaja: 21 «Gakk og spør
Herren for meg og for deim som er att i Juda og Israel
um det som stend i denne boki som er funni. Stor er
Herrens harm, som er utrend yver oss, av di federne
våre ikkje hev lydt Herrens ord og gjort etter alt det
som stend skrive i denne boki.» 22 So gjekk Hilkia og
dei andre som kongen sagde til, til profetkvinna Hulda,
kona åt klædehandlaren Sallum, son åt Tokhat, son åt
Hasra; ho budde i ny-byen i Jerusalem, og dei tala
med henne um dette. 23 Ho svara deim: «So segjer
Herren, Israels Gud: Seg til den mannen som sende
dykk til meg: 24 So segjer Herren: «Sjå, eg sender
ulukka yver denne staden og yver folket her, alle dei
forbanningarne som er skrivne i den boki som dei hev
lese upp for Juda-kongen, 25 til straff for di dei hev
vend seg frå meg og kveikt offereld for andre gudar og
harma meg med alle sine verk; harmen min skal renna
ut yver denne staden og skal ikkje slokna. 26 Men
til Juda-kongen, som sende dykk til å spyrja Herren,
skal de segja: So segjer Herren, Israels Gud, um dei
ordi som du høyrde: 27 Av di hjarta ditt vart mjukt,
og du bøygde deg for Gud då du høyrde ordi hans
mot denne staden og folket her, av di du audmykte
deg for mi åsyn og reiv sund klædi dine, og gret for
mi åsyn, so hev eg og bønhøyrt, segjer Herren! 28
So vil eg då samla deg til federne dine, so du kann
samlast med deim i gravi di i fred; og augo dine skal
sleppa sjå all den ulukka som eg vil føra yver denne
staden og folket som bur her.»» Og dei kom att til
kongen med dette svaret. 29 Då sende kongen bod og
stemnde saman alle dei øvste i Juda og Jerusalem. 30
Og kongen gjekk upp til Herrens hus, og alle Juda-
mennerne og Jerusalems-buarne fylgde honom, og
prestarne og levitarne og heile folket, frå den minste
til den største; og han las upp for deim alt det som
stod i paktboki som dei hadde funne i Herrens hus.
31 Kongen steig fram på plassen sin og gjorde den
pakti for Herrens åsyn at han vilde fylgja Herren og
halda bodi og fyresegnerne og loverne hans av alt sitt
hjarta og all sin hug og setja i verk dei paktordi som
var skrivne i denne boki. 32 Og han let deim ganga inn
i pakti, som fanst i Jerusalem og Benjamin, og alle
Jerusalems-buarne gjorde etter pakti med Gud, deira
fedregud. 33 Og Josia fekk burt all styggedomen frå
alle dei landi som høyrde til Israels-sønerne, og han
nøydde alle som fanst i Israel til å tena Herren, sin
Gud. So lenge som han livde, vende dei seg ikkje burt
i frå Herren, deira fedregud.

**35** Josia heldt påskehelg for Herren i Jerusalem, og
dei slagta påskelambet på den fjortande dagen i
fyrste månaden. 2 Han sette prestarne til det dei skulde
taka vare på, og styrkte deim til tenesta i Herrens hus.
3 Og han sagde til levitarne, som lærde heile Israel,
og som var vigde til Herren: «Set den heilage kista i
det huset som Salomo bygde, son åt David, Israels
konge; det tarv ikkje bera henne på herdarne. Ten difor
Herren, dykkar Gud, og Israel, folket hans! 4 Gjer dykk
ferdige etter ættgreinerne dykkar, i skifti dykkar, so som
David, Israels konge, hev fyreskrive, og etter fyreskrifti
åt Salomo, son hans. 5 Og statt i heilagdomen etter
flokkarne av ættgreinerne åt brørne dykkar, lækfolket,
soleis at det hvert eit skift av ei levit-ættgrein for kvar.
6 Og slagta so påskelambi og helga dykk og laga det
til for brørne dykkar, so det gjer etter Herrens ord ved
Moses!» 7 Josia gav tretti tusund stykke småfe til
ålmugen, lamb og kid, alt saman til påskeoffer for alle
deim som fanst der, og tri tusund stykke storfe; dette
var av eigedomen åt kongen. 8 Og hovdingarne hans
gav friviljugt til folket, til prestarne og levitarne; Hilkia
og Zakarja og Jehiel, som var dei øvste i Guds hus,
gav prestarne tvo tusund seks hundrad lamb og kid til

påskeoffer, og tri hundrad stykke storfe. 9 Konanja og
Semaja og Netanel, brørne hans, og Hasabja og Je'iel
og Jozabad, levitfyrstane, gav levitarne fem tusund
lamb og kid til påskeoffer og fem hundrad stykke storfe.
10 Soleis fekk dei tenesta i fast skikk, og prestarne
stod på sin stad og levitarne etter sine skift, so som
kongen hadde bode. 11 Dei slagta påskelambi, og
prestarne skvette blodet som dei fekk av deim, og
levitarne flådde dyri. 12 So skilde dei frå brennofferi og
gav deim til dei ymse ættgrein-flokkarne av ålmugen,
so dei kunde ofra til Herren, som det er fyreskrive i
Moseboki; og sameleis med storfeet. 13 Påskelambi
steikte dei i elden, som fyreskrive var, og offerstykki
koka dei i grytor, kjelar og skålar og skunda seg med
deim til ålmugen. 14 So laga dei åt seg sjølve og
prestarne; for prestarne, Arons-sønerne, hadde arbeid
like til um natti med å ofra brennofferi og feittstykki,
og difor laga levitarne til åt seg sjølve og prestarne,
Arons-sønerne. 15 Songarane, Asafs-sønerne, stod
på plassen sin, som David, Asaf, Heman og Jedutun,
sjåaren åt kongen, hadde bode, og dørvaktarane ved
kvar sin port; dei turvte ikkje ganga ifrå tenesta; for
levitarne, brørne deira, laga til åt deim. 16 Soleis
sette dei heile tenesta for Herren fast skikk på den
dagen, med di dei heldt påskehelg og ofra brennoffer
på Herrens altar, so som kong Josia hadde bode.
17 Og dei Israels-borni som var tilstades, heldt den
gongen påskehelgi og søtebrødhelg i sju dagar. 18 Ei
sovori påskehelg som denne var det ikkje halde i Israel
sidan profeten Samuels dagar, og ingen av Israels-
kongarne hadde halde ei sovori påskehelg som den
Josia og prestarne og levitarne og dei Juda- og Israels-
mennerne som var til stades, og Jerusalems-buarne
høgtida. 19 Denne påskehelgi vart haldi i det attande
styringsåret åt Josia. 20 Etter alt dette, då Josias
hadde fenge i stand huset, drog egyptarkongen Neko
upp og vilde strida ved Karkemis ved Frat, og Josia
drog ut imot honom. 21 Men han skikka sendebod til
honom og sagde: «Kva hev eg med deg å gjera, Juda-
konge? Det er ikkje imot deg eg kjem i dag, men mot
ervefienden min; og Gud hev sagt at eg skal skunda
meg. Haldt upp med å tråssa Gud som er med meg,
so han ikkje skal tyna deg!» 22 Men Josia snudde ikkje
ifrå honom, men klædde seg ut og vilde gjeva seg i
strid med honom, han høyrde ikkje på Nekos ord ifrå
Guds munn. Og det kom til strid på Megiddosletta. 23
Då råka bogeskyttarane kong Josia, og kongen sagde
til tenarane: «Før meg burt! for eg er hardt såra.» 24
Tenarane hans bar honom då burt ifrå vogni og køyrde
honom på den andre vogni hans og førde honom til
Jerusalem, og der døydde han. Dei gravlagde honom i
graverne åt federne hans, og heile Juda og Jerusalem
syrgde yver Josia. 25 Jeremia song ein syrgjesong
um Josia, og alle songarane og songmøyarne tala i
syrgjesongarne sine um Josia, som dei gjer den dag i
dag; det vart fast skikk i Israel å syngja desse kvædi,
og dei finst uppskrivne millom Syrgjesongarne. 26
Det som elles er å fortelja um Josia og dei gudlege
gjerningarne som han gjorde etter det som er fyreskrive
i Herrens lov, 27 og soga hans frå fyrst til sist, det er
uppskrive i boki um Israels- og Juda-kongarne.

**36** Folket i landet tok Joahaz Josiason og gjorde
honom til konge i Jerusalem i staden for far
hans. 2 Tri og tjuge år gamall var Joahaz då han vart
konge, og tri månader styrde han i Jerusalem. 3 Men
egyptarkongen sette honom av frå styret i Jerusalem
og let landet bøta tvo hundrad og femti våger sylv og
tvo og ein halv våg gull. 4 Og egyptarkongen gjorde
Eljakim, bror hans, til konge yver Juda og Jerusalem,
og han brigda namnet hans til Jojakim, Joahaz, bror
hans derimot, tok Neko og førde til Egyptarland. 5 Fem
og tjuge år gamall var Jojakim då han vart konge, og
elleve år styrde han i Jerusalem. Han gjorde det som
vondt var for Herren, hans Gud. 6 Nebukadnessar,
kongen i Babel, drog upp imot honom, og batt honom
med koparlekkjor og vilde føra honom til Babel. 7 Og
Nebukadnessar førde nokre av kjeraldi i Herrens hus
til Babel og sette deim upp i templet sitt i Babel. 8 Det
som elles er å fortelja um Jojakim og dei styggetingi
som han gjorde, og anna vondt som fanst hjå honom,
det er uppskrive i boki um Israels- og Juda-kongarne;
Jojakin, son hans, vart konge i staden hans. 9 Attan år
gamall var Jojakin då han vart konge, og tri månader
og ti dagar styrde han i Jerusalem. Han gjorde det
som vondt var i Herrens augo. 10 Ved årsskiftet sende
kong Nebukadnessar folk og førde honom til Babel
saman med dei dyraste kjeraldi ifrå Herrens hus; og
han gjorde Sidkia, bror hans, til konge yver Juda og
Jerusalem. 11 Eitt og tjuge år gamall var Sidkia då han
vart konge, og elleve år styrde han i Jerusalem. 12 Han
gjorde det som var vondt i Herrens, hans Guds, augo;
han audmykte seg ikkje for profeten Jeremia som tala
ord frå Herrens munn. 13 Attpå gjorde han uppreist
imot kong Nebukadnessar, som hadde teke honom i
eid ved Gud; og han var ein stivnakke og gjorde hjarta
sitt hardt, so han umvende seg ikkje til Herren, Israels
Gud. 14 Alle hovdingarne bland prestarne og folket
gjorde mykjen utruskap og for med same styggedomen
som heidningarne og sulka til Herrens hus, som han
hadde helga i Jerusalem. 15 Herren, deira fedregud,
sende fyretolor til deim seint og tidleg med sendebodi
sine, av di han tykte synd i folket sitt og bustaden sin.
16 Men dei spotta sendebodi for Gud, hædde ordi hans

og svivyrde profetarne hans til dess Herrens harm
reiste seg soleis imot folket hans, at det ikkje lenger
var nokor botevon. **17** Han sende kaldæarkongen imot
deim, og han drap deira unge mannskap med sverd i
det heilage huset deira og sparde korkje unggut eller
ungmøy, gamall eller gråhærd. Alt gav han i hans
hand. **18** Alle kjeraldi i Guds hus, både store og små,
skattarne i Herrens hus og skatterne åt kongen og
hovdingarne hans, alt saman førde han til Babel. **19**
Dei brende upp Guds hus og reiv ned Jerusalems-
muren, brende upp alle slotti der og øydelagde alle dei
dyrverdige tingi som fanst der. **20** Deim som sverdet
hadde leivt, førde han fangar til Babel, og der vert dei
trælar for honom og sønerne hans til dess Persarriket
kom til magti, **21** so Herrens ord i Jeremias munn
skulde verta uppfyllt, til dess landet fekk njota si kvild;
alt med det låg i øyde, fekk det kvila til dess sytti år
var lidne. **22** Men i det fyrste året åt Kyrus, kongen i
Persia, vekte Herren hugen i persarkongen Kyrus - for
Herrens ord i Jeremias munn skulde nå sitt endemål -
og han let ropa ut i alt sitt rike, og sende brev ikring
med sovori kunngjering: **23** «So segjer Kyrus, kongen
i Persia: «Alle kongerike på jordi hev Herren, Gud i
himmelen, gjeve meg, og han hev lagt på meg at eg
skal byggja honom eit hus i Jerusalem i Juda. Er det
nokon millom dykk av alt hans folk, so vere Herren,
hans Gud, med honom, og han drage upp dit!»»

# Esras

**1** I det fyrste åt Kyrus, kongen Persia, vekte Herren
hugen i perserkongen Kyrus - for Herrens ord i
Jeremias munn skulde nå sitt endemål - og han let
ropa ut i alt sitt rike og sende brev i kring med sovori
kunngjering: **2** «So segjer Kyrus, kongen i Persia:
«Alle kongerike på jordi hev Herren, Gud i himmelen,
gjeve meg, og han hev lagt på meg at eg skal byggja
honom eit hus i Jerusalem i Juda. **3** Er det nokon
millom dykk av alt hans folk, so vere hans Gud, med
honom, og han drage upp til Jerusalem i Juda og
byggje hus åt Herren, Israels Gud! Det er den Gud
som bur i Jerusalem. **4** Og kvar helst nokon endå er
att og bur framand på ein stad, skal folket der hjelpa
honom til med sylv og gull, lausøyre og bufe, umfram
det som dei godviljugt gjev til gudshuset i Jerusalem.»»
**5** Då gjorde ættarhovdingarne i Juda og Benjamin seg
reiduge til å fara, og det same gjorde prestarne og
levitarne, alle dei som Gud vekte hugen i, dei vilde
fara upp og byggja Herrens hus i Jerusalem. **6** Og alle
grannarne deira hjelpte deim til med gåvor: sylv og gull,
lausøyre og bufe og dyrverdige gåvor, umfram alt det
som dei sjølve gav godviljugt. **7** Kyrus sjølv, kongen,
gav frå seg alle dei kjerald som Nebukadnessar hadde
teke burt frå Jerusalem og sett inn i huset åt sin gud. **8**
Desse gav no Kyrus, persarkongen, frå seg til Mitredat,
som var skattmeister, og han talde deim for Sesbassar,
som var hovding yver Juda. **9** Talet på desse kjerald
var: Tretti gullfat, tusund sylvfat og ni og tjuge andre
offerkjerald, **10** tretti gullskålar og fire hundrad og ti
sylvskålar av ringare slag og tusund andre kjerald. **11**
Kjeraldi av gull og sylv var i alt fem tusund og fire
hundrad. Alt dette førde Sesbassar med seg då dei
burtførde for upp frå Babel til Jerusalem.

**2** Her kjem talet på dei fylkesbuarne som for ut or
utlægdi, dei som Babel-kongen Nebukadnessar
hadde ført burt til Babel, og som no for heim att
til Jerusalem og Juda, kvar til sin by. **2** Dei fylgde
Zerubbabel og Jesua, Nehemia og Seraja, Re'elaja
og Mordekai, Bilsan og Mispar, Bigvai og Rehum og
Ba'ana. - Dette er manntalet yver Israels-lyden: **3**
Paros-sønerne, tvo tusund eit hundrad og tvo og sytti;
**4** Sefatja-sønerne, tri hundrad og tvo og sytti; **5** Arahs-
sønerne, sju hundrad og fem og sytti; **6** Pahat-Moabs-
sønerne, av Jesua- og Joabs-sønerne, tvo tusund
åtte hundrad og tolv; **7** Elams-sønerne, eit tusund tvo
hundrad og fire og femti; **8** Zattu-sønerne, ni hundrad
og fem og fyrti; **9** Zakkai-sønerne, sju hundrad og
seksti; **10** Bani-sønerne, seks hundrad og tvo og fyrti;
**11** Bebai-sønerne, seks hundrad og tri og tjuge; **12**
Azgads-sønerne, eit tusund tvo hundrad og tvo og
tjuge; **13** Adonikams-sønerne, seks hundrad og seks
og seksti; **14** Bigvai-sønerne, tvo tusund og seks
og femti; **15** Adins-sønerne, fire hundrad og fire og
femti; **16** Aters-sønerne av Hizkia-ætti, åtte og nitti; **17**
Besai-sønerne, tri hundrad og tri og tjuge; **18** Jora-
sønerne, hundrad og tolv; **19** Hasums-sønerne, tvo
hundrad og tri og tjuge; **20** Gibbars-sønerne, fem
og nitti; **21** Betlehems-sønerne, hundrad og tri og
tjuge; **22** mennerne frå Netofa, seks og femti; **23**
mennerne frå Anatot, hundrad og åtte og tjuge; **24**
Azmavets-sønerne, tvo og fyrti; **25** Kirjat-Arims- og
Kefira- og Be'erots-sønerne, sju hundrad og tri og
fyrti; **26** Rama- og Geba-sønerne, seks hundrad og ein
og tjuge; **27** mennerne frå Mikmas, hundrad og tvo
og tjuge; **28** mennerne frå Betel og Aj, tvo hundrad
og tri og tjuge; **29** Nebo-sønerne, tvo og femti; **30**
Magbis-sønerne, hundrad og seks og femti; **31** den
andre Elams søner, eit tusund tvo hundrad og fire og
femti; **32** Harims-sønerne, tri hundrad og tjuge; **33**
Lods- og Hadids- og Ono-sønerne, sju hundrad og
fem og tjuge; **34** Jeriko-sønerne, tri hundrad og fem
og fyrti; **35** Sena'a-sønerne, tri tusund seks hundrad
og tretti. **36** Av prestarne: Jedaja-sønerne av Jesua-
ætti, ni hundrad og tri og sytti; **37** Immers-sønerne,
eit tusund og tvo og femti; **38** Pashurs-sønerne, eit
tusund tvo hundrad og sju og fyrti; **39** Harims-sønerne,
tusund og syttan. **40** Av levitarne: Jesua- og Kadmiels-
sønerne av Hodavja-sønerne, fire og sytti. **41** Av
songararne: Asafs-sønerne, hundrad og åtte og tjuge.
**42** Av dørvaktar-sønerne: Sallums-sønerne, Aters-
sønerne, Talmons-sønerne, Akkubs-sønerne, Hatita-
sønerne, Sobai-sønerne, i alt hundrad og ni og tretti.
**43** Av tempelsveinarne: Siha-sønerne, Hasufa-sønerne,
Tabbaots-sønerne, **44** Keros-sønerne, Siaha-sønerne,
Padons-sønerne, **45** Lebana-sønerne, Hagaba-
sønerne, Akkubs-sønerne, **46** Hagabs-sønerne, Samlai-
sønerne, Hanans-sønerne, **47** Giddels-sønerne,
Gahars-sønerne, Reaja-sønerne, **48** Resins-sønerne,
Nekoda-sønerne, Gazzams-sønerne, **49** Uzza-sønerne,
Paseahs-sønerne, Besai-sønerne, **50** Asna-sønerne,
Me'unims-sønerne, Nefisims-sønerne, **51** Bakbuks-
sønerne, Hakufa-sønerne, Harhurs-sønerne, **52**
Basluts-sønerne, Mehida-sønerne, Harsa-sønerne, **53**
Barkos-sønerne, Sisera-sønerne, Tamahs-sønerne,
**54** Nesiahs-sønerne, Hatifa-sønerne. **55** Av sønerne
åt Salomo-sveinarne: Sotai-sønerne, Hassoferets-
sønerne, Peruda-sønerne, **56** Ja'ala-sønerne, Darkons-
sønerne, Giddels-sønerne, **57** Sefatja-sønerne, Hattils-
sønerne, Pokeret-Hassebajims-sønerne, Ami-sønerne.
**58** Alle tempelsveinarne og sønerne åt Salomo-
sveinarne var i alt tri hundrad og tvo og nitti. **59** Frå

Tel-Melah og Tel-Harsa, Kerub og Addan og Immer for
dei ut dei som her skal nemnast; men dei kunde ingi
greida gjeva um federne sine og ætti, um dei i det heile
høyrde Israels-folket til; det var; 60 Delaja-sønerne,
Tobia-sønerne og Nekoda-sønerne, seks hundrad og
tvo og femti, 61 og av prestesønerne: Habaja-sønerne,
Hakkos-sønerne, sønerne åt Barzillai, han som hadde
teke ei av døtterne åt Gileads-mannen Barzillai til
kona og fekk namn etter deim. 62 Desse leita etter
ættetavlorne sine, men kunde ikkje finna deim; difor
vart dei kjende uverdige til å vera prestar. 63 Jarlen
dømde at dei ikkje måtte eta av det høgheilage fyrr det
stod fram ein prest som hadde urim og tummim. 64
Heile lyden til var i alt tvo og fyrti tusund tri hundrad
og seksti, 65 umfram trælarne og trælkvinnorne; talet
på deim var sju tusund tri hundrad og sju og tretti.
Dertil kom tvo hundrad songarar, karar og kvende. 66
Dei hadde sju hundrad og seks og tretti hestar, tvo
hundrad og fem og fyrti muldyr, 67 fire hundrad og fem
og tretti kamelar og seks tusund sju hundrad og tjuge
asen. 68 Då dei kom fram til Herrens hus i Jerusalem,
gav nokre av ættarhovdingarne godviljugt ei gåva til
gudshuset, so det kunde verta uppbygt att på den
gamle staden. 69 Kvar av deim lagde i byggjekassa,
etter som han hadde råd til, og det kom inn tri hundrad
tusund dalar i gull og fem og tjuge tusund dalar i
sylv, dertil eit hundrad prestekjolar. 70 Prestarne og
levitarne og nokre av lyden, songarane, dørvaktarane
og tempelsveinarne, sette då bu i sine byar, og heile
Israel elles busette seg kvar i sin by.

**3** Då den sjuande månaden kom, og Israels-sønerne
budde i sine byar, samla dei seg i Jerusalem alle
som ein mann. 2 Og Jesua Josadaksson og prestarne,
brørne hans, og Zerubbabel Sealtielsson og hans brør
tok til å byggja altaret åt Israels Gud, so dei kunde få
ofra brennoffer på det, soleis som det er fyreskrive
i lovi åt gudsmannen Moses. 3 Dei sette altaret på
den staden det fyrr hadde vore; for dei hadde fenge
rædsla i seg for folki som budde i landet. Og dei ofra
brennoffer til Herren på alteret, brennoffer morgon og
kveld. 4 So heldt dei lauvhyttehelg etter som det er
fyreskrive, og bar fram brennoffer dag for dag etter
sitt tal, so mange som det var fastsett for kvar dag. 5
Sidan ofra dei det dagvisse brennofferet og dei offer
som høyrde til nymånaderne og alle Herrens heilage
høgtider; sameleis kvar gong nokon kom godviljugt og
bar fram offer til Herren. 6 Frå fyrste dagen i sjuande
månaden tok dei til å ofra brennoffer til Herren; fyrr
dei endå hadde lagt grunnen til Herrens tempel. 7
Sidan gav dei steinhoggarane og timbremennerne
pengar, og til Sidons-sønerne og Tyrus-mennerne gav
dei matvaror og drikkevaror og olje, for dei skulde
føra cedertre frå Libanon sjøvegen til Jafo, etter ei
fullmagt som dei hadde fenge hjå Kyrus, persarkongen.
8 I andre månaden i Året etter dei var komne heim
til Guds hus i Jerusalem, tok dei til med verket.
Zerubbabel Sealtielsson og Jesua Josadaksson og
dei andre prestarne og levitarne, brørne deira, og
elles alle dei som var komne til Jerusalem frå utlægdi,
sette levitar som var tjuge år gamle og deryver, til å
hava tilsyn med arbeidet på Guds hus. 9 Og Jesua
med sønerne og brørne sine, og Kadmiel med sine
søner, Juda-sønerne, alle som var sette til å hava
uppsyn med deim som bygde på Guds hus, sameleis
Henadads-sønerne med sine søner og brør, levitarne.
10 Bygningsmennerne lagde grunnvollen til Herrens
hus, og imedan stod prestarne uppyver med lurar
og fullt skrud, og levitarne, Asafs-sønerne, stod med
cymblar; dei vilde prisa Herren soleis som David,
Israels-kongen, hadde lært deim. 11 Dei song lov og
takk til Herren, av di han er god og hans miskunn mot
Israel varer æveleg. Og alt folket sette i med høge
fagnadrop, og prisa Herren av di grunnvollen var lagd til
Herrens hus. 12 Men mange av prestarne og levitarne
og ættarhovdingarne, dei gamle som hadde set det
fyrre huset, gret høgt då dei såg på at grunnvollen
til dette huset vart lagd; men mange var so glade at
dei ropa høgt av fagnad. 13 Det var rådlaust for folket
å skilja frå kvartanna fagnadropi og folkegråten; for
folket sette i med velduge fagnadrop, og omen av dette
lyddest langan leid.

**4** Uvenerne til Juda og Benjamin fekk høyra at dei
som var komne heim or utlægdi, heldt på å byggja
eit tempel åt Herren, Israels Gud. 2 Då gjekk dei til
Zerubbabel og til ættarhovdingarne og sagde: «Lat
oss få vera med dykk og byggja; me held oss til
dykkar Gud likso vel som de, og til honom hev me
ofra alt sidan den tid Asarhaddon var konge i Assyria
og førde oss hit.» 3 Men Zerubbabel og Jesua og
dei andre ættarhovdingarne for Israel sagde til deim:
«Det sømer seg ikkje at de skal vera med oss og
byggja eit hus åt vår Gud; me vil sjølve hjelpast åt
og byggja hus åt Herren, Israels Gud, soleis som
Kyrus, persarkongen, hev sagt oss fyre.» 4 Folket
i landet skræmde då Juda-folket av og gjorde deim
huglause, so dei slutta med byggjingi. 5 Dei leigde
folk til å leggja meinråder mot deim, og tiltaket vart
stogga i all den tid som Kyrus var konge, alt til Darius
hadde teke til å styra i Persia. 6 Då Ahasveros hadde
vorte konge, i den fyrste tid han styrde, då skreiv dei
brev og klaga på ibuarane i Juda og Jerusalem. 7 I
Artahsastas tid skreiv Bislam og Mitredat og Tabe'el og
dei andre embætsbrørne hans til Artahsasta, konge i
Persia. Brevet var skrive med syrisk skrift og umsett

på syrisk. 8 Rådsherren Rehum og skrivaren Simsai
skreiv eit brev mot Jerusalem til kong Artahsasta, og
innholdet var dette: 9 Dengong: Rådsherren Rehum
og skrivaren Simsai og dei andre embetsbrørne deira,
dei frå Dina og Afarsatka, Tarpela og Persia, Erek og
Babel, Susan, Deha og Elam 10 og dei andre folki
som den store og velduge Asnappar hadde ført burt
og late bu i Samaria-byen og det andre landet på
hi sida elvi, og so burtetter. 11 Dette er avskrift av
det brevet dei sende til kong Artahsasta: «Tenarane
dine, mennerne på hi sida elvi og so burtetter. 12 Det
skal kongen vita at dei jødarne som for ifrå deg og
hit til oss, er no komne til Jerusalem, og der held dei
på å byggja upp denne vonde uprørsbyen og setja
murarne i stand og stella på grunnvollarne. 13 No vil
me gjera det kunnigt for kongen, at skal denne byen
verta uppatt-bygd og murarne fullførde, so vil folket der
korkje leggja skattar eller gjeva toll eller vegpengar, og
det vil verta til meins for innkomorne åt kongarne. 14
Sidan no me et salt frå kongsgarden, so sømer det seg
ikkje at me skal sjå på den skaden som her vert lagd
for kongen, difor sender me brev bod og let kongen
vita dette, 15 so det kann verta etterset i sogeboki åt
federne dine; der vil du sjå og læra at denne byen hev
vore ein upprørsby frå gamalt, til stort mein for kongar
og land, og at der hev vore skapt mykje uro; difor er og
byen lagd i øyde. 16 Det let me kongen vita, at vert
denne byen bygd upp og murane fullførde, då er det
ute med landeigni di på andre sida elvi.» 17 Kongen
sende brev attende til rådsherren Rehum og skrivaren
Simsai og dei andre embætsbrørne deira som budde i
Samaria og andre herad på hi sida elvi, og i brevet
stod det: «Heil og sæl! og so burtetter. 18 Det brevet
som de sende oss, hev vorte greinleg lese for meg. 19
Eg let folk sjå etter, og dei fann ut at den byen alt frå
dei eldste tider hev sett seg upp mot kongarne, og
at uppreist og uro hev vore der rett som det var. 20
Velduge kongar hev butt i Jerusalem, og dei rådde
yver alt landet på hi sida elvi, og dei tok imot skatt og
toll og vegpengar. 21 No lyt de skipa det so at desse
folki ikkje fær halda på med arbeidet, og at byen ikkje
skal verta uppbygd att, utan det skulde koma løyve frå
meg. 22 Og det lyt sjå vel til at ingenting vert gløymd
eller forsømt i denne saki, so skaden ikkje skal verta
verre og kongarne lida tap.» 23 So snart som dette
brevet frå kong Artahsasta hadde vorte lese for Rehum
og skrivaren Simsai og embætsbrørne deira, for dei
snøgt til jødarne i Jerusalem og hindra dei med vald
og magt. 24 Då vart det stans med byggjingi på Guds
hus i Jerusalem. Det vart ingenting gjort med dette fyrr
Darius hadde vorte konge i Persia, det andre året han
styrde.

5 Profeten Haggai og Zakarja Iddoson, profetarne,
profetera for dei jødarne som var i Juda og
Jerusalem; dei tala i namnet åt Israels Gud, som var
nemnt yver deim. 2 Då gjorde Zerubbabel Sealtielsson
og Jesua Josadaksson seg reiduge og tok atter til å
byggja på Guds hus i Jerusalem, og Guds profetar
studde uppunder og hjelpte deim. 3 Då kom Tatnai,
som var jarl på hi sida elvi, og Setar-Boznai og
embætsbrørne deira og dei sagde: «Kven er det som
hev gjeve dykk lov til å byggja dette huset og fullføra
denne muren?» 4 Me sagde då kva dei mennerne heite
som stod fyre bygnaden. 5 Men yver styresmennerne
åt jødarne vakte auga åt deira Gud, og mennerne
lova at dei ikkje skulde leggja noko vondt i vegen for
strævet deira, so lenge Darius hadde set på saki og
det var kome brev frå honom. 6 Avskrift av det brevet
som Tatnai, jarlen på hi sida elvi, og Setar-Boznai og
embætsbrørne hans, afarsakitarne, som budde på hi
sida elvi, sende til kong Darius; 7 for dei sende han
ei melding til honom, og i den stod det: «Heil og sæl
vere kong Darius! 8 Vita skal kongen at me hev fare til
fylket Juda, til huset åt den store Gud. Dette huset
heldt dei no på og byggjer av store steinar, og legg
bjelkar inn i murveggjerne. Arbeidet vert gjort med
umhug og gjeng godt fram under henderne deira. 9 Me
spurde styresmennerne: «Kven hev gjeve dykk lov til å
byggja dette huset og fullføra denne muren?» 10 Me
spurde og kva dei heitte, so me skulde kunna nemna
namni til deg, og skriva upp namni på dei mennerne
som stod yver deim. 11 Då svara dei oss soleis: «Me
er tenarane hans som er Gud i himmelen og på jordi,
og me set upp att det huset som ein stor konge i
Israel bygde og fullførde for mange år siden. 12 Men
federne våre gjorde Gud i himmelen harm; difor gav
han deim i henderne på Babels-kongen, kaldæaren
Nebukadnessar; han lagde huset i øyde og tok folket
med til Babel. 13 Men kong Kyrus, i det fyrste året
han styrde i Babylon, gav lov til å byggja upp att dette
gudshuset. 14 Kong Kyrus let og taka ut or templet i
Babel dei kjerald av gull og sylv som Nebukadnessar
hadde teke burt frå templet i Jerusalem og sidan sett
inn i templet i Babel. Han gav deim til ein mann som
heitte Sesbassar, som han hadde sett til jarl. 15 Og til
honom sagde han: «Tak desse kjerald og far av stad
og set deim inn i templet i Jerusalem! for Guds hus
skal byggjast upp att på den fyrre staden.» 16 So kom
då den same Sesbassar og lagde grunnen til Guds
hus i Jerusalem. Dei hev bygt på det til denne tid, men
endå er det ikkje ferdigt.» 17 Soframt no kongen so
tykkjer, skulde det vore leita etter i skattkammeret der i
Babel, um det er so at kong Kyrus hev gjeve lov til å

byggja dette gudshuset i Jerusalem. Sidan lyt kongen
lata oss vita kva som er hans vilje i denne saki.»

**6** Etter dette let kong Darius folk leita etter i arkivet
der skattarne vart gløymde i Babel. **2** Då fann dei i
borgi Ahmeta i jarleriket Media ei bokrulla, og i den
stod det skrive: «Til minne: **3** I det fyrste året kong
Kyrus styrde, gav kong Kyrus denne fyresegni: «Guds
hus i Jerusalem, det huset skal no verta uppbygt upp
att, so det vert ein stad som folk kann bera fram
offer. Det skal setjast på fast grunn, og skal vera
seksti alner høgt og seksti alner breidt, **4** med tri
umkverv store steinar og eitt umkverv av nytt timber.
Kostnaden skal greidast ut frå kongsgarden. **5** So
skal og alle kjerald av gull og sylv gjevast attende,
dei som Nebukadnessar tok ut or templet i Jerusalem
og førde med seg til Babel; dei skal koma til templet i
Jerusalem, til sin rette stad, dei skal setjast inn i Guds
hus.» - **6** «Og no, du Tatnai, jarl i landi på hi sida
elvi, og du Setar-Boznai, og embætsbrørne dykkar,
mennerne frå Afarsak på hi sida elvi, haldt dykk burte
derifrå! **7** De skal alle lata arbeidet på dette gudshuset i
fred. Jarlen og styresmennerne hjå jødarne må byggja
dette gudshuset den staden det skal vera. **8** Og no
skal eg segja fyre korleis de skal fara åt med desse
styresmennerne hjå jødarne, so dei kann få halda på
med byggjingi. Det som dei treng til bygnaden, skal dei
rett og reideleg få av dei innkomor som kongen hev
av skatten frå landet på hi sida elvi, so arbeidet ikkje
vert hindra. **9** Og det som dei treng av ungnaut og
verar og lamb til brennoffer åt Gud i himmelen, kveite
og salt, vin og olje, det skal dei få utan skort til kvar
dag, etter uppgåva frå prestarne i Jerusalem, **10** so
dei kann bera fram offer til ein god ange for Gud i
himmelen, og beda for kongen og kongssønerne sitt
liv. **11** Og no skal det høyra kva eg meir segjer fyre, at
um nokon gjer imot dette bodet, då skal det brjotast ut
ein bjelke or huset hans, og på den bjelken skal dei
hengja mannen upp og negla honom fast, og huset
hans skal verta gjort til ein møkdunge, av di han hev
bore seg soleis. **12** Måtte so den Gud som hev late
namnet sitt bu der, slå ned alle dei kongar og folk som
retter handi si ut til å gjera imot dette bodet og vil gjera
noko til meins for dette gudshuset i Jerusalem. Eg,
Darius, hev sagt fyre alt dette. Lat det so ganga fullt
etter fyresegni!»» **13** Tatnai, jarl yver landi på hi sida
elvi, og Setar-Boznai og embætsbrørne deira gjorde
fullt og heilt etter som det stod i fyreskrifterne frå kong
Dairus. **14** Styresmennerne hjå jødarne heldt på med
byggjingi, og arbeidet gjekk godt fram etter talarne åt
profetarne Haggai og Zakarja Iddoson. Dei bygde og
fullførde arbeidet etter fyresegn frå Israels Gud og
etter fyreskrifterne frå Kyrus og Darius og Artahsasta,
kongen i Persia. **15** So vart då huset fullt ferdigt til tridje
dagen i månaden adar i det sette styringsåret åt kong
Dairus. **16** Og Israels-sønerne, prestarne og levitarne
og alle dei andre som var komne heim att or utlægdi,
heldt då høgtid og vigde dette gudshuset med fagnad.
**17** Ved denne vigslingi ofra dei hundrad uksar og tvo
hundrad verar og fire hundrad lamb, og til syndoffer for
heile Israel tolv bukkar etter talet på ætterne i Israel. **18**
Dei tilsette prestarne etter skifti deira, og levitarne etter
deira avdeilder til gudstenesta i Jerusalem, soleis som
det var fyreskrive i Moseboki. **19** Dei som var komne
heim att or utlægdi, heldt påskehelg på fjortande dagen
i den fyrste månaden. **20** Prestarne og levitarne hadde
då reinsa seg, kvar ein, so dei alle var reine. Dei slagta
påskelamb for alle som var komne heim att or utlægdi,
for brørne sine, prestarne, og for seg sjølve. **21** Israels-
sønerne som var komne heim att or utlægdi, åt då
saman med alle som hadde skilt seg frå ureinskapen
åt heidningarne i landet og slege lag med deim, av di
dei vilde søkja Herren, Israels Gud. **22** Og dei heldt
søtebrødhelgi i sju dagar med fagnad. Herren sjølv
hadde gjort deim glade, med di han hadde snutt hjarta
åt assyrarkongen til deim, so han var med og studde
deim i arbeidet på huset åt Gud, Israels Gud.

**7** Då ei tid var lidi, hende det, medan kong Artahsasta
styrde i Persia, at Ezra for heim frå Babel. Han var
son åt Seraja, som var son åt Azarja, son åt Hilkia, **2**
son åt Sallum, son åt Sadok, son åt Ahitub, **3** son åt
Amarja, son åt Azarja, son åt Merajot, **4** son åt Zerahja,
son åt Uzzi, son åt Bukki, **5** son åt Abisua, son åt
Pinehas, son åt Eleazar, son åt øvstepresten Aron. **6**
Ezra var ein skriftlærd mann, vel kjend i Moselovi, den
som Herren, Israels Gud, hadde gjeve. Kongen gav
honom alt det han bad um; for Herren hans Gud heldt
handi si yver honom. **7** Nokre av Israels-sønerne og av
prestarne og levitarne og songarane, dørvaktarane og
tempelsveinarne var med honom heim til Jerusalem;
det var i det sjuande styringsåret åt kong Artahsasta.
**8** Han kom til Jerusalem i femte månaden det same
sjuande året åt kongen. **9** Den fyrste dagen i fyrste
månaden vart det fast avgjort at dei skulde fara frå
Babel, og den fyrste dagen i femte månaden kom
han til Jerusalem; for hans Gud heldt si gode hand
yver honom. **10** For Ezras hadde vendt hugen sin til
å granska Herrens lov og fylgja henne, og til å læra
andre i Israel upp i lov og rett. **11** Dette er avskrift av eit
brev som kong Artahsasta gav den skriftlærde presten
Ezra, som var kunnig i Herrens bodord og lover for
Israel: **12** «Artahsasta, konge yver kongarne, til presten
Ezra, den lærde i lovi åt Gud i himmelen. Utferda og
so burtetter. **13** Med dette segjer eg fyre at kvar ein av

Israels-folket i mitt rike og av prestarne og levitarne
deira som hev hug til å fara til Jerusalem, må fara
med deg, 14 sidan kongen og dei sju rådsmennerne
hans hev sendt deg i veg til å sjå etter kor det er med
Juda og Jerusalem etter lovi åt din Gud, den som
du hev i di hand, 15 og til å føra fram det sylvet og
gullet som kongen og rådsmennerne hans godviljugt
hev gjeve til Israels Gud, han som hev bustaden sin i
Jerusalem, 16 sameleis alt sylv og gull som du fær
i heile Babels jarlerike, og dei gåvor som folket og
prestarne godviljugt til huset åt sin Gud i Jerusalem.
17 Dette skal du gjera deg vel fyre med og kjøpa for
desse pengarne uksar og verar og lamb og alt sovore
som trengst til grjonoffer og drykkoffer, og det skal du
ofra på altaret som høyrer til huset åt dykkar Gud i
Jerusalem. 18 Det du og brørne dine finn det rettast
å gjera med det som vert att av sylvet og gullet, det
må de gjera soleis som dykkar Gud vil. 19 Men dei
reidskaper som du fær til tenesta i huset åt din Gud,
deim skal du gjeva frå deg åt Gud i Jerusalem. 20
Det som meir trengst til huset åt din Gud, det kann du
greida ut or skattkammeret åt kongen. 21 Og eg, kong
Artahsasta, segjer med dette fyre alle skattmeistrarne
i landi på hi sida elvi, at alt det som presten Ezras,
vismannen i lovi åt Gud i himmelen, bed dykk um,
det skal de gjera og gjeva på fyrste ordet, 22 um det
trengst upp til tvo og eit halvt hundrad våger med
sylv, tri hundrad tunnor kveite, hundrad ankar vin og
hundrad ankar med olje, dertil salt umælt. 23 Alt det
som tarvst etter det Gud i himmelen segjer fyre, det
skal verta gjort på fyrste ordet og gjeve til huset åt Gud
i himmelen, so ikkje hans vreide skal koma yver riket åt
kongen og sønerne hans. 24 Og det let me dykk vita,
at ingen skal hava magt til å leggja skattar eller toll
eller vegpengar på nokon prest eller levit, songar eller
dørvaktar, tempelsvein eller annan som hev tenesta
i dette gudshuset. 25 Og du, Ezras, må, etter den
visdom du hev fenge frå din Gud, setja domarar og
lovlærde folk til å døma manna millom hjå alt folket
på hi sida elvi, alle dei som kjenner loverne åt din
Gud; og den som ikkje det gjer, honom skal du læra å
kjenna deim. 26 Og kvar den som ikkje gjer etter lovi
åt din Gud og etter lovi åt kongen, yver honom skal
det fellast ein rett dom, anten til daude eller utlægd,
til pengebot eller til fangehus.» 27 Pris vere Herren,
Gud åt federne våre, at han gav kongen slikt i hugen,
til å pryda Herrens hus i Jerusalem, 28 og at han let
meg finna nåde hjå kongen og rådsmennerne hans og
hjå alle dei megtige hovdingarne åt kongen! Eg fekk
mod då eg såg at Herren, min Gud, heldt handi si yver
meg, og eg samla kringum meg nokre ættarhovdingar
av Israel; dei skulde vera med meg på heimferd.

**8** Dette er dei ættarhovdingar som i Artahsasta si
styringstid for med meg heim frå Babel, og soleis ser
ættartavlorne deira ut: 2 Av Pinhas-sønerne Gersom;
av Itamars-sønerne Daniel; av Davids-sønerne Hattus;
3 av Sekanja-sønerne av Paros-sønerne Zakarja,
og med honom hundrad og femti karfolk som var
uppskrivne i ættartavla; 4 av Pahat-Moabs-sønerne
Eljoenai Zerahjason og tvo hundrad karfolk med
honom; 5 av Sekanja-sønerne Jahasiels son og tri
hundrad mann med honom; 6 av Adins-sønerne Ebed
Jonatansson og femti mann med honom; 7 av Elams-
sønerne Jesaja Ataljason og sytti mann med honom; 8
av Sefatja-sønerne Zebadja Mikaelsson og åtteti mann
med honom; 9 av Joabs-sønerne Obadja Jehielsson
og tvo hundrad og attan mann med honom; 10 av
Selomits-sønerne Josifjas son og hundrad og seksti
mann med honom; 11 av Bebai-sønerne Zakarja
Bebaison og åtte og tjuge mann med honom; 12 av
Azgads-sønerne Johanan Hakkatansson og hundrad
og ti mann med honom; 13 av Adonikams-sønerne, dei
som kom seinst og heitte Elifelet, Je'uel og Semaja,
og seksti mann med deim; 14 av Bigvai-sønerne Utai
og Zabbud og sytti mann med deim. 15 Eg samla
deim attmed den elvi som renn til Ahava; der låg me i
læger i tri dagar. Då eg so såg meir på folket og på
prestarne, fann eg ingen av Levi-sønerne der. 16 Eg
sende då bod etter ættarhovdingarne Eliezer og Ariel,
Semaja og Elnatan og Jarib og Elnatan og Natan og
Zakarja og Mesullam lærarane Jojarib og Elnatan. 17
Desse sagde eg fyre at dei skulde fara av stad til Iddo,
hovudmannen i Kasifja-bygdi, og eg sagde kva ord
dei skulde tala til Iddo og bror hans, tempelsveinarne
i Kasifja-bygdi, so dei skulde senda oss tenarar til
gudshuset vårt. 18 Og Gud heldt si gode hand yver oss,
so dei sende oss ein vitug mann som heitte Serebja,
av sønerne åt Mahli, son åt Levi, son åt Israel; han
sjølv med søner og brør var attan i talet. 19 Sameleis
sende dei Hasabja i lag med Jesaja av Merari-sønerne;
med brørne hans og sønerne deira var det tjuge
mann. 20 Dertil tvo hundrad og tjuge tempelsveinar,
alle nemde på namn, av dei tempelsveinarne som
David og hovdingarne hans hadde sett til tenarar åt
levitarne. 21 Der ved Ahava-elvi lyste eg til ei fasta,
av di med skulde audmykja oss for vår Gud og beda
honom um god ferdalukka for oss sjølve og borni våre
og all vår eigedom. 22 Eg skjemdest å beda kongen
um herhjelp og ridarar til å verja oss mot uvener på
vegen; for me hadde sagt til kongen: «Vår Gud held si
hand yver alle deim som heldt seg til honom, og let det
ganga vel for deim; men hans magt og vreide fell yver
deim som gjeng frå honom.» 23 Me fasta då og bad
Gud um hjelp, og han høyrde bøni. 24 Sidan valde eg

ut tolv av prestehovdingarne og Serebja og Hasabja
og ti av brørne deira. 25 Åt desse vog eg upp sylvet og
gullet og kjeraldi, det som kongen og rådsmennerne og
hovdingarne hans, og alle Israels-mennerne som heldt
seg der i landet, hadde gjeve til ei reida åt gudshuset
vårt. 26 Eg vog upp åt deim sekstan hundrad våger
sylv, sylvkoppar som vog i alt tvo hundrad og femti
våger, og dertil tvo hundrad og femti våger med gull, 27
og umfram dette tjuge gullskålar, til fem tusund dalar,
og tvo kjerald av gullblank kopar, dyr som gull. 28 Og
eg sagde med deim: «De er vigde til Herren, og kjeraldi
er vigde; sylvet og gullet er ei friviljug reida til Herren,
Gud åt federne dykkar. 29 Agta no vel på det og gjæt
det, til dess de kann vega det ut att i Jerusalem til dei
fremste av prestarne og levitarne og ættarhovdingarne
hjå Israel, i kovarne i Herrens hus.» 30 Dermed tok
prestarne og levitarne imot sylvet og gullet og koppar
og kjerald som soleis var vege, og skulde føra det fram
til Jerusalem til huset åt vår Gud. 31 So for me burt
frå Ahava-elvi tolvte dagen i den fyrste månaden, og
tok vegen til Jerusalem. Vår Guds hand var yver oss,
og han berga oss frå uvener og lurarar på vegen. 32
Me kom til Jerusalem og fekk kvila ut der tri dagar. 33
Den fjorde dagen vart sylvet og gullet og koppar og
kjerald vege upp gudshuset vårt og gjeve i henderne
åt presten Meremot Uriason. Saman med honom var
Eleazar Pinhasson og levitarne Jozabad Jesuason og
Noadja Binnuison med og tok imot. 34 Det vart alt
utgjeve etter tal og vegt, og vegti på alt vart uppskrivi.
35 Dei hertekne som var komne heim att or utlægdi,
ofra no brennoffer til Israels Gud. Dei ofra tolv uksar
for heile Israel og seks og nitti verar, sju og sytti lamb
og tolv syndoffer-bukkar, alt til brennoffer åt Herren.
36 So gav dei frå seg kongsbodet til dei kongelege
satraparne og til jarlarne i landi på hi sida elvi. Desse
kom då og med hjelp både til lyden og til Guds hus.

**9** Etter desse hendingarne kom hovdingarne fram
for meg og sagde: «Korkje folket i Israel eller
prestarne og levitarne hev halde seg skilde frå folki i
landi soleis som det helst kunde søma seg etter all den
styggedomen som dei hev fare med både kananitarne
og hetitarne, perizitarne og jebusitarne, ammonitarne
og moabitarne, egyptararne og amoritarne. 2 For dei
hev teke døtterne deira til konor både åt seg sjølve og
åt sønerne sine. På den måten hev det heilage sædet
blanda seg med folki i landet, og hovdingarne og
formennerne hev vore dei fyrste til å fara med utruskap
i dette stykket.» 3 Då eg høyrde dette, reiv eg sund
kjolen min og kåpa mi, og eg reiv hår av hovudet og or
skjegget og vart sitjande so sorgfull at eg kunde ikkje
segja eit ord. 4 Då samlast dei kringum meg alle dei
som var forstøkte for det som Israels Gud hadde sagt
um utruskapen deira som var heimkomne or utlægdi;
men eg vart sitjande i djup sorg alt til kveldsofferet.
5 Ved kveldsoffertidi stod eg upp or sorgi mi og reiv
sund kjolen og kåpa. So fall eg ned på kne og rette ut
henderne mine mot Herren, min Gud, 6 og sagde: «Min
Gud! eg skjemmest og blygjest for å lyfta andlitet mitt
mot deg, min Gud; for misgjerningarne våre hev vakse
upp yver hovudet vårt, og skuldi vår når til himmels. 7
Frå den tid federne våre livde og alt til no hev me vore
i stor skuld. For misgjerningarne våre hev me, med
kongarne og prestarne våre, vorte gjevne i henderne
på framande kongar, til sverd og til utlægd, til plundring
og skam, som det syner seg no i dag. 8 Men no ei
ørliti stund hev Herren, vår Gud, miskunna oss, so
han hev berga ein leivning av oss og gjeve oss eit
fotfeste på den heilage staden sin, so han, vår Gud,
kunde lata ljoset skina i augo våre, og me fekk ein liten
livskveik i trældomen vår. 9 For trælar det er me; men
endå hev Gud ikkje slept oss i trældomen, men hev
late oss finna nåde for augo åt persarkongarne, so
dei gav oss ein livskveik til å reisa upp att gudshuset
vårt og byggja det upp frå røysi; dermed kunde me få
ein innhegna bustad i Juda og Jerusalem. 10 Men vår
Gud! kva skal me no segja etter dette? For me hev
vendt oss frå bodordi dine, 11 deim som du gav ved
tenarane dine, profetarne, då du sagde: «Landet som
det her kjem til og skal taka til eigedom, er eit tilsulka
land for all den sulking og all den styggedom som dei
framande folki i sin ureinskap hev fyllt det med frå den
eine enden til den andre. 12 Difor skal de korkje gjeva
døtterne dykkar til sønerne deira eller taka døtterne
deira til konor åt sønerne dykkar. De skal aldri bry dykk
um deira velferd og lukka, so de kann verta sterke og
få eta av landsens gode ting og lata landet gå i arv
til borni dykkar um alder og æva.» 13 Du, vår Gud,
hev vore miskunnsam meir enn me var verde etter
synderne våre, og hev late ein leivning av oss, slik
som denne her, verta berga. Skulde me no etter alt
som hev kome yver oss ved dei vonde verki våre, og
ved den store skuld me hev drege på oss, 14 skulde
me då brjota bodordi dine att og hava samgifte med
folk som driv sovorne styggedomar? Måtte du ikkje då
harmast på oss, so du reint kom til å tyna oss so ingen
leivning var att, og ingen berga seg undan? 15 Herre,
Israels Gud! du er rettvis når me her i dag berre er
ein leivning som er berga. Sjå no ligg me her i vår
skuld framfor deg. Som det no er, kann ingen verta
standande for deg.»

**10** Ezra låg på marki framfyre gudshuset og gret
og bad og sanna synderne. Då samla det seg
kring honom ein ovstor skare av Israels folk, karar og
kvinnor og born, og folket gret sårt. 2 Då tok Sekanja

Jehielsson av Olams-sønerne til ords og sagde med
Ezra: «Me hev vore utrugne åt mot vår Gud, med di
me hev teke framande konor frå dei framande folki
her i landet; men endå er ikkje all voni ute for Israel
i denne saki. 3 Lat oss no gjera samband med vår
Gud, um at me jagar frå oss alle desse konorne, og
borni som dei hev fenge, etter kravet frå Vårherre og
frå dei mennerne som ræddast for Guds lov, og lat
det so verta gjort etter lovi. 4 Ris upp! for det er du
som lyt greida denne saki, og me skal stydja deg. Ver
frihuga og set det i verk!» 5 Då reis Ezras upp og let
prestehovdingarne og levithovdingarne og alle andre
hovdingar i Israel gjera eid på at det måtte vera som
her det var sagt. Og dei gjorde eiden. 6 Ezra stod
upp frå den staden framfyre gudshuset, og gjekk inn i
romet åt Johanan Eljasibsson. Og då han var komen
dit, var han ikkje god til å eta eller drikka, soleis syrgde
han yver utruskapen åt deim som var attkomne frå
utlægdi. 7 So lyste dei ut yver Juda og Jerusalem
til deim som var komen heim or utlægdi, at dei alle
skulde samlast i Jerusalem! 8 Var det nokon som ikkje
kom innan tridje dagen etter, soleis som hovdingarne
og styringsmennerne hadde sett, so skulde all hans
eigedom verta bannstøytt, og han sjølv verta jaga ut or
samlingi av deim som var komne heim or utlægdi. 9
So samla alle Juda- og Benjamins-mennerne seg i
Jerusalem til tridje dagen; det var tjugande dagen i den
niande månaden. Alt folket sat på den opne plassen
attmed gudshuset og skalv, både for saki skuld og for
regnbyorne. 10 Då stod presten reis Ezra upp og sagde
til deim: «De hev vore utrugne, med di de hev teke
framande kvende til konor, og dermed hev de auka
skuldi åt Israel. 11 Gjev no Herren æra, Gud åt federne
dykkar, og gjer etter viljen hans; skil dykk frå dei hine
folki her i landet og frå dei framande konorne!» 12 Då
svara heile lyden med høg røyst: «Ja, som du hev sagt,
so er me skuldige å gjera. 13 Men folket er mange i tal,
og no er det regntidi, so me kann ikkje verta standande
her ute. Dette er og ei ærend som ikkje verta avgjord
på ein dag eller tvo; for me hev mykje synd på oss
i dette stykket. 14 Lat difor hovdingarne våre gjera
greida for heile lyden, og lat so alle deim i byarne våre
som hev teke framande kvende til konor, møta fram til
tider som vert fastsette, saman med styresmennerne
og domarane frå den same byen, til dess me kann få
vendt av vår Guds brennande harm for denne saki.»
15 Einast Jonatan Asaelsson og Jahzeja Tikvason
gjorde motmæle mot dette, og Mesullam saman med
leviten Sabbetai heldt med deim. 16 Dei som var
attkomne or utlægdi, gjorde som sagt var. Og utvalde
vart: Presten Ezras og nokre menner, hovdingar for
ættgreinerne sine, alle nemnde på namn. So sette dei
rådstemna den fyrste dagen i den tiande månaden
til å granska denne saki. 17 Til fyrste dagen i fyrste
månaden hadde dei greidt upp saki for dei mennerne
som hadde teke seg framande kvende til konor. 18
Millom prestesønerne fann dei desse som hadde
teke framande kvende til konor: Av sønerne åt Jesua
Josadaksson og brørne hans: Ma'aseja, Eliezer, Jarib
og Gedalja; 19 dei vilde styra frå seg konorne sine og
ofra ein ver til syndoffer for den skuld dei hadde drege
på seg - det lova dei og rette fram handi si på det; 20
av Immers-sønerne: Hanani og Zebadja; 21 av Harims-
sønerne: Ma'aseja, Elias, Semaja, Jehiel og Uzzia;
22 av Pashurs-sønerne: Eljoenai, Ma'aseja, Ismael,
Netanel, Jozabad og Elasa. 23 Av levitarne: Jozabad,
Sime'i og Kelaja, som og heitte Kelita, Petahja, Juda
og Eliezer; 24 av songarane: Eljasib; av dørvaktarane:
Sallum, Telem og Uri. 25 Av Israel elles: Av Paros-
sønerne: Ramja, Izza, Malkia, Mijamin, Eleazar, Malkia
og Benaja; 26 av Elams-sønerne: Mattanja, Zakarja,
Jehiel, Abdi, Jeremot og Elia; 27 av Zattu-sønerne:
Eljoenai, Eljasib, Mattanja, Jeremot, Sabad og Aziza;
28 av Bebai-sønerne: Johanan, Hananja, Zabbai, Atlai;
29 av Bani-sønerne: Mesullam, Malluk og Adaja, Jasub,
Seal og Jeremot; 30 av Pahat-Moabs-sønerne: Adna,
Kelal, Benaja, Ma'aseja, Mattanja, Besalel, Binnui og
Manasse; 31 og Harims-sønerne: Eliezer, Issia, Malkia,
Semaja, Simeon, 32 Benjamin, Malluk, Semarja;
33 av Hasums-sønerne: Mattenai, Mattatta, Sabad,
Elifelet, Jeremai, Manasse, Sime'i; 34 av Bani-sønerne:
Ma'adai, Amram og Uel, 35 Benaja, Bedeja, Keluhi,
36 Vanja, Meremot, Eljasib, 37 Mattanja, Mattenai og
Ja'asu, 38 Bani, Binnui, Sime'i, 39 og Selemja, Natan
og Adaja, 40 Maknadbai, Sasai, Sarai, 41 Azarel,
Selemja, Semarja, 42 Sallum, Amarja, Josef; 43 av
Nebo-sønerne: Je'iel, Mattitja, Zabad, Zebina, Jaddu,
Joel og Benaja. 44 Alle desse hadde teke framande
kvende til konor. Og millom konorne var det sume som
hadde fenge born.

# Nehemias

**1** Fråsegni hans Nehemia, son åt Hakalja. I kislev
månad, i det tjugande styringsåret, medan eg var i
borg i Susan, **2** kom Hanani dit, ein av brørne mine, og
med honom nokre andre frå Juda. Eg frette deim ut om
jødarne, dei av fangarne som hadde sloppe heim att,
og um Jerusalem. **3** Dei svara meg: «Dei av fangarne
som hev sloppe heim att og er der i jarleriket, dei lid
ulukkeleg skam og skade. Muren kring Jerusalem ligg
nedbroten, og portarne er uppbrende.» **4** Då eg høyrde
denne fretnaden, sette eg meg ned og gret og syrgde
dag etter dag. Eg fasta og bad til Gud i himmelen. **5**
Eg sagde: «Å kjære Herre Gud i himmelen, den store,
agelege Gud, som held pakti og held uppe miskunni
mot deim som elskar honom, og som held bodi hans!
**6** Å, lat øyra ditt agta på bøni mi! Lat augo dine vera
opne! Høyr tenaren din når eg kjem fram for deg og
bed i dag! Dag og natt gjer eg bøner for Israels-borni,
tenarane dine. Eg sannar synderne våre, som me
Israels-borni hev gjort mot deg. Me hev synda både eg
og ætti mi. **7** Ille hev me forbrote oss mot deg. Me hev
ikkje halde bodi og loverne og retterne som du baud
Moses, tenaren din. **8** Men kom i hug det ordet du
gav Moses, tenaren din: «Fer de med svik, so vil eg
spreida dykk millom folki; **9** men vender de um til meg
og held bodi mine og liver etter deim, so vil eg sanka
dei spreidde, um dei so var burtstøytte til himmelens
ende, og eg vil føra deim til den staden eg hev valt ut
til bustad åt namnet mitt.» **10** Dei er då tenarane dine
og folket ditt som du fria ut med di store magt og di
sterke hand. **11** Å Herre, lat øyra ditt agta på bøni frå
tenaren din og bøni frå tenarane dine, dei som gjerne
vil ottast ditt namn. Å, lat tenaren din hava lukka med
seg i dag; lat meg finna medhug hjå denne mannen!» -
Eg var den gongen skjenkjar hjå kongen.

**2** I nisan månad i det tjugande styringsåret åt
Artahsasta, då høvde so at vin stod framfyre honom,
tok eg vinen og flidde kongen. Og eg hadde ikkje fyrr
synt meg sturen for honom. **2** Då sagde kongen til
meg: «Kvi er du so sturen? Du er då ikkje sjuk! Dette
kann ikkje vera anna enn hjartesut.» Eg vart fælt rædd,
**3** og eg sagde til kongen: «Må kongen liva æveleg!
Kvi skulde ikkje eg stura når byen der federne er
gravlagde, ligg i røys, og portarne der er uppbrende?»
**4** Kongen sagde til meg: «Kva er det du ynskjer?» Då
bad eg ei bøn til Gud i himmelen. **5** Og so sagde eg
til kongen: «Um det tekkjest kongen, og um du eig
godvilje for tenaren din, so ynskjer eg å verta send
til Juda, til byen der federne mine er gravlagde, so
eg kann byggja honom upp att.» **6** Kongen sagde til
meg, medan dronningi sat ved sida: «Kor lenge vil
ferdi di vara, og kva tid kjem du att?» Då det soleis
tektest Kongen å lata meg fara, gjorde eg avtale med
honom um ei viss tid. **7** So sagde eg til kongen: «Um
det tekkjes kongen, so lat meg få med brev til jarlarne
på hi sida elvi, so dei let meg fara igjenom til dess
eg kjem til Juda. **8** Og lat meg få brev til Asaf, han
som hev tilsyn med den kongelege skogen, so han let
meg få timber til portbjelkarne i borgi som høyrer til
huset, til bymuren og til huset eg skal bu i.» Kongen
let meg få det, av di min Gud heldt si gode hand
yver meg. **9** Då eg kom til jarlarne på hi sida elvi,
flidde eg deim kongebrevi. Kongen sende ogso med
meg hovudsmenner og hestfolk. **10** Men då horoniten
Sanballat og den ammonitiske tenestmannen Tobia
høyrde gjete dette, tykte dei det var fælt tregelegt, at
det var komen ein mann og vilde søkja det som var til
bate for Israels-borni. **11** Då eg kom til Jerusalem, og
hadde vore der tri dagar, **12** reis eg upp um natti, eg
og nokre få mann med meg. Eg hadde ikkje nemnt
med noko menneskje kva min Gud hadde gjeve meg i
hugen å gjera for Jerusalem. Det dyret eg reid på, var
det einaste dyret eg hadde med meg. **13** Eg drog ut
um natti gjenom Dalporten og burtimot Drakekjelda og
Møkporten. Eg såg på murarne kring Jerusalem; dei
var nedbrotne, og portarne var uppbrende. **14** So drog
eg burt til Kjeldeporten og Kongedammen; men der
var det ikkje råd for dyret å koma fram med meg. **15**
So drog eg upp i dalen um natti og såg på muren og
kom so attende gjenom Dalporten. **16** Formennerne
hadde ikkje fenge visst kva veg eg hadde fare, eller
kva eg emna på. Eg hadde ikkje endå nemnt noko
med jødarne eller prestarne eller dei adelborne eller
formennerne eller nokon annan som skulde hava med
arbeidet å gjera. **17** Men no sagde eg til deim: «De
ser sjølve kor ille me er stelte. Jerusalem ligg i øyde,
portarne er uppbrende. Kom, lat oss byggja upp att
muren kring Jerusalem, so me ikkje skal hava den
skammi på oss lenger.» **18** Eg tala med deim um handi
åt min Gud, kor ho hadde synt seg nådig mot meg.
Like eins fortalde eg kva kongen hadde sagt med meg.
Då sagde dei: «Me vil ganga i veg og byggja.» Og dei
styrkte seg til det gode verket. **19** Men då horoniten
Sanballat og den ammonitiske tenestmannen Tobia
og arabaren Gesem spurde dette, spotta dei oss og
svivyrde oss: «Kva er det de gjer på?» sagde dei. «Vil
de gjera upprør mot kongen?» **20** Då gav eg deim
dette svaret: «Gud i himmelen vil gjeva oss lukka. Og
me, hans tenarar, vil ganga i veg og byggja. Men de
hev ikkje anten lut eller rett eller minne i Jerusalem.»

**3** Øvstepresten Eljasib og dei andre prestarne,
frendarne hans, gjekk i veg og bygde Saueporten.

Dei vigde honom, og sette inn dørerne. So bygde
dei fram til Meatårnet, som dei vigde, og fram til
Hananeltårnet. 2 Attmed deim bygde folk frå Jeriko.
Og attmed deim bygde Zakkur Imrison. 3 Fiskeporten
bygde Sena'a-borni; dei timbra honom upp og sette
inn dører og lås og slåer. 4 Attmed deim arbeidde
Meremot, son åt Uria Hakkosson, med å vøla muren.
Attmed han Mesullam, son åt Berekja Mesezabelsson.
Attmed honom arbeidde Sadok Ba'anason. 5 Og
attmed honom arbeidde folket frå Tekoa; men storfolket
deira bøygde ikkje nakken sin under arbeidet for
Herren sin. 6 Gamleporten vølte Jojada Paseahsson
og Mesullam Besodjason; dei timbra honom og sette
inn dører og lås og slåer. 7 Attmed deim arbeidde
gibeoniten Melatja og merononiten Jadon med folk
frå Gibeon og Mispa, som låg under domsmagti åt
jarlen på hi sida elvi. 8 Attmed deim arbeidde Uzziel
Harhajason med gullsmedarne, og attmed honom
Hananja, ein salvehandlar. Det næste stykket av
Jerusalem let dei vera, burt til Breidemuren. 9 Attmed
deim arbeidde Refaja Hursson, hovdingen yver halve
heradet kring Jerusalem. 10 Attmed honom arbeidde
Jedaja Harumafsson utanfor sitt eige hus. Og attmed
honom Hattuh Hasabnejason. 11 Eit anna stykke vølte
Malkia Harimsson og Hassub Pahat-Moabsson; burt
til Omnstårnet. 12 Attmed deim arbeidde hovdingen
yver det andre halve heradet kring Jerusalem, Sallum
Hallohesson, saman med døtterne sine. 13 Dalporten
vølte Hanun og folk frå Zanoah; dei bygde honom og
sette inn dører og lås og slåer. Dei bygde og tusund
alner av muren burt til Møkporten. 14 Og Møkporten
vølte Malkia Rekabsson, hovdingen yver heradet Bet-
Hakkerem; han bygde honom og sette inn dører og lås
og slåer. 15 Kjeldeporten vølte Sallun Kol-Hozesson,
hovding yver Mispaheradet; han bygde honom, tekte
honom, sette inn dører og lås og slåer. Dessutan bygde
han muren ved Selahdammen ved kongshagen burt åt
dei tropperne som gjeng ned frå Davidsbyen. 16 Etter
honom arbeidde Nehemia Azbuksson, hovding yver
halve Betsurheradet, burt til midt fyre Davids-graverne,
til den gravne dammen og til huset for kjemporne. 17
Etter honom arbeidde levitarne, under Rehum Banison.
Attmed deim arbeidde, for sitt herad, Hasabja, hovding
yver halve Ke'ilaheradet. 18 Etter honom arbeidde
frendarne deira under, Bavvai Henadadsson, hovding
yver den andre helvti av Ke'ilaheradet. 19 Attmed
honom vølte Ezer Jesuason, hovding yver Mispa,
eit anna stykke midt fyre uppgangen til våpnhuset i
murkråi. 20 Etter honom vølte Baruk Zabbaison trottigt
eit anna stykke frå murkråi heilt fram til husdøri åt
øvstepresten Eljasib. 21 Etter honom vølte Meremot,
son åt Uria Hakkosson, eit anna stykke frå husdøri åt
Eljasib til enden av huset hans. 22 Og etter honom
arbeidde prestarne, folk frå Jordan-kverven. 23 Etter
deim arbeidde Benjamin og Hassub utanfor husi sine;
etter deim Azarja, son åt Ma'aseja Ananjason, attmed
sitt hus. 24 Etter honom vølte Binnui Henadadsson
eit anna stykke frå huset hans Azarja til murkråi og til
hyrna. 25 Palal Uzaison vølte stykket midt fyre murkråi
og det øvre tårnet, som skyt fram frå kongshuset og
høyrer til fangegarden. So kom Pedaja Parosson.
26 - Tempelsveinarne budde på Ofel, heilt fram til
midt imot Vatsporten mot aust og Framskotstårnet,
- 27 So vølte Tekoa-folket eit anna stykke frå midt
imot det store framskotstårnet og til Ofelmuren. 28
Ovanfor Hesteporten arbeidde prestarne, kvar og ein
midt imot sitt eige hus. 29 Etter deim arbeidde Sadok
Immersson midt imot sitt hus; og etter honom Semaja
Sekanjason, som hadde vakthaldet ved Austporten.
30 Etter honom vølte Hananja Selemjason og Hanun,
sette son åt Salaf, eit anna stykke. Etter deim arbeidde
Mesullam Berekjason midt fyre koven sin. 31 Etter
honom arbeidde Malkia, ein av gullsmedarne, heilt fram
til huset for tempelsveinarne og kræmarane, midt imot
Mynstringsporten og fram til Hyrnesalen. 32 Og millom
Hyrnesalen og Saueporten arbeidde gullsmedarne og
kræmarane.

**4** Då no Sanballat høyrde gjete at me dreiv på og
bygde på muren, vart han brennande harm og
fælt sinna. Han spotta jødarne, 2 og tala soleis til
brørne sine og til stridsfolket i Samaria: «Kva er det
desse visne jødarne driv på med? Skal dei hava lov til
sovore? Skal dei få ofra? Kann henda dei vil få arbeidet
ferdigt i dag! Kann henda dei vil blåsa liv i steinarne
frå dei forbrende røysarne!» 3 Ammoniten Tobia, som
stod jamsides med honom, sagde: «Lat deim byggja
so mykje dei vil. Berre ein rev hoppar uppå, kjem han
til å riva ned heile steinmuren!» 4 «Høyr, vår Gud, kor
me er til spott og spe! Lat hædingi deira koma attende
på deira eige hovud og gjev deim til plundring i eit
land der dei lyt vera fangar! 5 Løyn ikkje misgjerningi
deira! Lat ikkje syndi deira verta utstroki for di åsyn, av
di dei hev krenkt deg medan byggjarane høyrde på
det!» 6 Me bygde på muren, og heile muren vart gjort
ferdig upp til halve høgdi. Og folket hadde godt mod på
arbeidet. 7 Men då Sanballat og Tobia og arabararne
og ammonitarne og asdoditarne høyrde at murarne
i Jerusalem heldt på å heilna og rivnorne tok til å
teppast, då vart dei brennande harme. 8 Dei lagde seg
i hop alle saman um å koma og strida mot Jerusalem
og gjera ugreida for folket. 9 Då bad me til vår Gud.
Og me sette vaktpostar natt og dag til vern mot deim.
10 Men jødarne sagde: «Magti tryt hjå arbeidsfolket, og
grushaugane er for store; me orkar ikkje byggja på

muren!» **11** Og fiendarne våre sagde: «Inkje skal dei
gå og inkje skal dei sjå fyrr me kjem midt uppi flokken
og høgg deim ned og soleis gjer ende på arbeidet.» **12**
Og jødarne som budde nær deim, kom frå alle kantar
og sagde med oss vel ti gonger: «De lyt koma attende
til oss.» **13** Då fylkte eg folket i lægderne bak muren,
på dei opne plassarne; fylkte deim kvar ættgrein for
seg med sine sverd og med spjot og med bogar. **14** Eg
mynstra deim, gjekk so fram og tala til dei adelborne
og formennerne og til hitt folket: «Ver ikkje rædde
deim! Tenk på Herren, den store og skræmelege, og
strid for brørne dykkar, for sønerne og døtterne dykkar,
for konorne dykkar og for heimarne dykkar.» **15** Då
fiendarne våre fekk spurt at me hadde full greida på
det, og at Gud soleis hadde gjort rådi deira um inkje,
so kunde me alle ganga attende til muren kvar til sitt
arbeid. **16** Men frå den dagen dreiv berre helvti av
drengjarne mine på med arbeidet; andre helvti stod
væpna med spjot, med skjoldar, bogar og brynjor.
Hovdingarne stod attanfor heile Judas hus. **17** Dei
som bygde på muren og dei som leste på seg og bar
byrdor, med eine handi gjorde dei arbeidet, med hi
heldt dei verja. **18** Kvar byggjar spente sverd um seg,
og dei bygde medan hornblåsaren stod jamsides med
meg. **19** Og eg sagde til dei adelborne og formennerne
og til hitt folket: «Arbeidet er stort og vidsveimt; og
me er spreidde på muren langt frå kvarandre. **20**
Der de høyrer hornet ljoda, dit skal de samla dykk til
oss. Vår Gud vil strida for oss.» **21** So dreiv me då
på med arbeidet, medan helvti av folket heldt spjoti,
frå morgonroden rann til stjernorne synte seg. **22**
Samstundes baud eg folket: «Kvar og ein med sin
dreng skal vera med natti inne i Jerusalem, so me kann
hava deim til vakt um natti og til arbeid um dagen.» **23**
Korkje eg eller frendarne mine eller drengjerne eller
vaktmennerne mine, kom or klædi. Våpni var for kvar
og ein likso umissande som vatn.

**5** Men so reiste det seg eit stort skrik frå folket og
frå konorne deira mot dei jødiske brørne deira. **2**
Sume sagde: «Me og sønerne og døtterne våre er
mange, so lat oss få korn, so me kann eta og berga
livet!» **3** Og sume sagde: «Åkrarne og vinhagarne og
husi våre lyt me setja i pant for å få korn i dyrtidi!» **4**
Og andre sagde: «Me hev lote låne pengar på åkrarne
og vinhagarne våre til å greida skatten til kongen. **5** No
er då våre kroppar likso gode som kropparne åt brørne
våre, og våre born er jamgode med deira born. Like
vel lyt me gjera sønerne og døtterne våre til trælar.
Ja, sume av døtterne våre er alt trælka; og me hev
ikkje magt til å hindra det; for åkrarne og vinhagarne
våre høyrer dei hine til.» **6** Eg vart brennande harm
då eg høyrde skriket deira og desse ordi. **7** Då eg
hadde samrådt meg med meg sjølv, skjemde eg på dei
adelborne og formennerne og sagde til deim: «Oker er
det de driv med brørne dykkar!» So stemde eg saman
til eit stort folkemøte mot deim. **8** Og eg sagde til deim:
«Etter evna hev me kjøpt frie dei jødiske brørne våre
som var selde til heidningarne. Og so gjeng det burt og
sel brørne dykkar, so dei lyt selja seg til oss!» Då tagde
dei og fann inkje ord for seg. **9** Og eg sagde: «Det er
ikkje fint å fara åt soleis som det hev gjort. De burde
då ferdast i otte for vår Gud, so ikkje heidningarne,
fiendarne våre, skulde få grunn til å spotta oss. **10** Eg
og frendarne mine og drengjerne mine hev og pengar
og korn å krevja av deim. Lat oss strukja den skuldi!
**11** Og de - kjære væne, gjev attende i dag åkrane
og vinhagarne og oljeplantingarne og husi deira, og
gjev deim etter rentorne det kunde krevja av deim av
pengarne og kornet og druvesafti og oljen!» **12** Dei
svara: «Me gjev det attende og gjev upp kravi på deim.
So som du hev sagt, vil me gjera.» Eg tok deim i eid,
etter eg hadde kalla prestarne til, at dei skulde halda
dette vedtaket. **13** Og eg skok kappelumma mi med
dei ordi: «Soleis skal Gud skaka frå hus og eiga kvar
ein som ikkje held dette vedtaket; ja, soleis skal han
verta skjeken og tom.» Og heile lyden sagde: «Ja, ja!»
Og dei lova Herren, og heile folket gjorde etter dette
vedtaket. **14** Dessutan lyt eg nemna: Frå den dagen
eg vart utnemnd til jarl yver Jødeland, frå det tjugande
til det tvo og trettiande styringsåret åt kong Artahsasta,
i tolv år, hev korkje eg eller frendarne mine ete av
jarlekosten. **15** Dei fyrre jarlarne, fyre min tid, tyngde
på folket, og tok brød og vin av deim til yver fyrti lodd
sylv. Jamvel drengjerne deira spela meister yver folket.
Av age for Gud for ikkje eg åt soleis. **16** Dessutan var
eg med og bygde på muren. Og ingen åker hev me
kjøpt oss. Endå alle drengjerne mine hev vore samla til
byggjearbeidet. **17** Og jødarne og formennerne, eit
hundrad og femti mann, åt ved mitt bord, umfram deim
som kom til oss frå heidningfolki rundt ikring. **18** Og det
vart tillaga på min kostnad kvar dag ein ukse og seks
utvalde sauer, umfram fuglar, og tiande kvar dag mykje
vin av alle slag; like vel kravde eg ikkje jarlekosten, for
arbeidet låg tungt på dette folket. **19** Kom meg i hug,
min Gud, og rekna meg til godes alt det eg hev gjort
for dette folket!

**6** Då no Sanballat og Tobia og arabaren Gesem og
dei hine fiendarne våre fekk spurt at eg hadde
bygt upp muren, og at det ikkje fanst nokon rivna att i
honom - endå hadde eg ikkje sett inn dører i portarne -
**2** då sende Sanballat og Gesem bod til meg med dei
ordi: «Kom, lat oss setja stemna med kvarandre i ein
av landsbyarne i Onodalen!» Dei tenkte å gjera meg

eitkvart ilt. 3 Eg sende bod attende og svara deim: «Eg
driv på med eit stort arbeid, so eg kann ikkje koma
ned. Kvi skulde arbeidet kvila, når eg gjekk frå det og
kom ned til dykk?» 4 Fire gonger sende dei same
bodet til meg; kvar gong gav eg deim same svaret. 5
Femte gongen sende Sanballat same bodet, og det
med drengjen sin med ope brev i handi. 6 Der stod
skrive: «Det ordet gjeng millom grannefolki, og Gasmu
segjer det same, at du og jødarne tenkjer på upprør
mot kongen, og det er difor du byggjer upp att muren;
ja, at du etlar deg verta kongen deira, so segjer dei. 7
Og at du jamvel hev tinga deg profetar til å ropa ut
i Jerusalem at du er konge i Juda. No vil kongen få
høyra um dette. Kom då, lat oss samrådast!» 8 Då
sende eg dette svaret: «Ingen ting hev hendt av det du
nemner; det er noko du sjølv hev funne på.» 9 Dei
tekte alle dei skulde skræma oss, so henderne våre
skulde valna og arbeidet verta ugjort. Men styrk du
henderne mine! 10 Eg kom inn i huset åt Semaja, son
åt Delaja, soneson åt Mehetabel, medan han heldt
seg inne. Han sagde: «Lat oss ganga saman til Guds
hus, inn i templet, og stengja dørerne til templet; for
dei kjem og vil drepa deg, ja, dei kjem um natti og
vil drepa deg.» 11 Men eg svara: «Skulde ein mann
som eg røma sin veg? Eller kann ein mann som eg
ganga inn i heilagdomen og endå få liva? Eg gjeng
ikkje.» 12 Eg skyna greidt at ikkje Gud hadde sendt
honom, han tala dette profetordet yver meg berre av
di Tobia og Sanballat hadde leigt honom til det. 13
Meiningi med dette var at han skulde skræma meg til
å gjera so og dermed forsynda meg. Det vilde gjenge
på æra mi, so dei kunde ført spott og skam yver meg.
14 Min Gud, kom i hug Tobia og Sanballat for desse
verki hans, og like eins profetkvinna Noadja og dei
hine profetarne som vilde skræma meg. 15 Muren vart
fullt ferdig på tvo og femti dagar, den fem og tjugande
dagen i månaden elul. 16 Då alle fiendarne våre spurde
dette, då ottast alle grannefolki, og dei minka mykje i
sine eigne augo. Dei skyna at dette arbeidet var eit
verk av vår Gud. 17 I dei dagarne skreiv dei jødiske
adelsmennerne mange brev som gjekk til Tobia, og frå
Tobia kom det brev attende til deim. 18 Mange jødar
var i svorne vener av honom; han var måg til Sekanja
Arahsson; og Johanan, son hans, var gift med dotter
åt Mesullam Berekjason. 19 Gong på gong tala dei
med meg um dygderne hans, og mine ord bar dei fram
til honom. Tobia sende ogso brev til å skræma meg.

**7** Då no muren var uppbygd, sette eg inn dørerne.
Og portvakti tilsett; like eins songarane og levitarne.
2 Og eg sette yver Jerusalem Hanani, bror min, og
Hananja, borghovdingen; han vart halden for ein
framifrå truverdig og gudleg mann. 3 Og eg sagde
til deim: «Portarne i Jerusalem må ikkje verta opna
fyrr soli tek til å hita. Og medan vakti endå stend på
post, skal dørerne verta stengde og læste, og nye
vaktfolk skal stella seg upp av borgararne i Jerusalem,
kvar på post, kvar utanfor sitt hus.» 4 Byen var vid
og stor, men folket i honom var fåment, og husi var
ikkje uppbygde. 5 Eg fekk då den inngivnad av min
Gud at eg skulde stemna i hop dei adelborne og
formennerne og heile folket til uppskriving i ættarlista.
Då fann eg ættarlista yver deim som fyrst hadde fare
heim. Og der fann eg skrive: 6 Her kjem talet på
dei fylkesbuarne som for heim or utlægdi, dei som
Nebukadnessar, kongen i Babel, hadde ført burt, og
som no for heim att til Jerusalem og Juda, kvar til sin
by. 7 Dei fylgde Zerubbabel og Jesua, Nehemia og
Azarja, Ra'amja og Nahamani, Mordokai og Bilsan,
Misperet og Bigvai, Nehum og Ba'ana. - Dette er
manntalet yver alle mennerne i Israels-lyden: 8 Paros-
sønerne, tvo tusund eit hundrad og tvo og sytti; 9
Sefatja-sønerne, tri hundrad og tvo og sytti; 10 Arahs-
sønerne, seks hundrad og tvo og femti; 11 Pahat-
Moabs-sønerne, av Jesua- og Joabs-sønerne, tvo
tusund åtte hundrad og attan; 12 Elams-sønerne, eit
tusund tvo hundrad og fire og femti; 13 Zattu-sønerne,
åtte hundrad og fem og fyrti; 14 Zakkai-sønerne, sju
hundrad og seksti; 15 Binnui-sønerne, seks hundrad og
åtte og fyrti; 16 Bebai-sønerne, seks hundrad og åtte
og tjuge; 17 Azgads-sønerne, tvo tusund tri hundrad
og tvo og tjuge; 18 Adonikams-sønerne, seks hundrad
og sju og seksti; 19 Bigvai-sønerne, tvo tusund og sju
og seksti; 20 Adins-sønerne, seks hundrad og fem og
femti; 21 Aters-sønerne av Hizkia-ætti, åtte og nitti;
22 Hasums-sønerne, tri hundrad og åtte og tjuge; 23
Besai-sønerne, tri hundrad og fire og tjuge; 24 Harifs-
sønerne, hundrad og tolv; 25 Gibeons-sønerne, fem
og nitti; 26 mennerne frå Betlehem og Netofa, hundrad
og åtte og åtteti; 27 mennerne frå Anatot, hundrad og
åtte og tjuge; 28 mennerne frå Bet-Azmavet, tvo og
fyrti; 29 mennerne frå Kirjat-Jearim, Kefira og Be'erot,
sju hundrad og tri og fyrti; 30 mennerne frå Rama og
Geba, seks hundrad og ein og tjuge; 31 mennerne frå
Mikmas, hundrad og tvo og tjuge; 32 mennerne frå
Betel og Aj, hundrad og tri og tjuge; 33 mennerne frå
det andre Nebo, tvo og femti; 34 den andre Elam søner,
eit tusund tvo hundrad og fire og femti; 35 Harims-
sønerne, tri hundrad og tjuge; 36 Jeriko-sønerne, tri
hundrad og fem og fyrti; 37 Lods-, Hadids- og Ono-
sønerne, sju hundrad og ein og tjuge; 38 Sena'a-
sønerne, tri tusund ni hundrad og tretti. 39 Av prestarne:
Jedaja-sønerne av Jesua-ætti, ni hundrad og tri og
sytti; 40 Immers-sønerne, eit tusund og tvo og femti;
41 Pashurs-sønerne, eit tusund tvo hundrad og sju og

fyrti; 42 Harims-sønerne, eit tusund og syttan. 43 Av
levitarne: Jesua-sønerne av Kadmiels-ætti, av Hodeva-
sønerne, fire og sytti. 44 Av songarane: Asafs-sønerne,
hundrad og åtte og fyrti. 45 Av dørvaktarane: Sallums-
sønerne, Aters-sønerne, Talmons-sønerne, Akkubs-
sønerne, Hatita-sønerne, Sobai-sønerne, hundrad og
åtte og tretti. 46 Av tempelsveinarne: Siha-sønerne,
Hasufa-sønerne, Tabbaots-sønerne, 47 Keros-sønerne,
Sia-sønerne, Padons-sønerne, 48 Lebana-sønerne,
Hagaba-sønerne, Salmai-sønerne, 49 Hanans-sønerne,
Giddels-sønerne, Gahars-sønerne, 50 Reaja-sønerne,
Resins-sønerne, Nekoda-sønerne, 51 Gazzams-
sønerne, Uzza-sønerne, Paseahs-sønerne, 52 Besai-
sønerne, Me'unims-sønerne, Nefussims-sønerne, 53
Bakbuks-sønerne, Hakufa-sønerne, Harhurs-sønerne,
54 Basluts-sønerne, Mehida-sønerne, Harsa-sønerne,
55 Barkos-sønerne, Sisera-sønerne, Tamahs-sønerne,
56 Nesiahs-sønerne, Hatifa-sønerne. 57 Av sønerne åt
Salomo-sveinarne: Sotai-sønerne, Soferets-sønerne,
Perida-sønerne, 58 Ja'ala-sønerne, Darkons-sønerne,
Giddels-sønerne. 59 Sefatja-sønerne, Hattils-sønerne,
Pokeret-Hassebajims-sønerne, Amons-sønerne. 60
Alle tempelsveinarne og sønerne åt Salomo-sveinarne
var i alt tri hundrad og tvo og nitti. 61 Frå Tel-Melah
og Tel-Harsa, Kerub og Addon og Immer for dei ut
dei som her skal nemnast; men dei kunde ingi greida
gjeva um federne sine og ætti, - um dei i det heile
høyrde Israels-folket til; det var: 62 Delaja-sønerne,
Tobia-sønerne og Nekoda-sønerne, seks hundrad og
tvo og fyrti, 63 og av prestarne: Habaja-sønerne,
Hakkos-sønerne, sønerne åt Barzillai, han som hadde
teke ei av døtterne åt Gileads-mannen Barzillai til
kona og fekk namn etter deim. 64 Desse leita etter
ættartavlorne sine, men kunde ikkje finna deim; difor
vart dei kjende uverdige til å vera prestar. 65 Jarlen
dømde at dei ikkje måtte eta av det høgheilage fyrr det
stod fram ein prest med urim og tummim. 66 Heile
lyden var i alt tvo og fyrti tusund tri hundrad og seksti,
67 umfram trælarne og trælkvinnorne; talet på deim var
sju tusund tri hundrad og sju og tretti. Dertil kom tvo
hundrad og fem og fyrti songarar, karar og kvende. 68
Dei hadde sju hundrad og seks og tretti hestar, tvo
hundrad og fem og fyrti muldyr, 69 fire hundrad og fem
og tretti kamelar, og seks tusund sju hundrad og tjuge
asen. 70 Nokre av ættehovdingane ytte pengehjelp til
arbeidet. Jarlen lagde i kassa fem tusund dalar i gull,
femti skåler, og fem hundrad og tretti prestekjolar. 71
Og nokre av ættarhovdingarne lagde i byggjekassa
hundrad tusund dalar i gull og seks og seksti tusund
dalar i sylv. 72 Og det som hitt folket gav, var hundrad
tusund dalar i gull, seksti tusund dalar i sylv, og sju
og seksti prestekjolar. 73 Prestarne og levitarne og
dørvaktarane og songarane, og nokre av lyden, og
tempelsveinarne og heile Israel elles sette då bu i
sine byar. Då den sjuande månaden kom, var Israels-
sønerne i sine byar.

**8** Då samla heile folket seg, alle som ein mann
på torget midt for Vatsporten. Dei bad Ezra, den
skriftlærde, henta boki med Moselovi som Herren
hadde bode Israel. 2 Då bar presten Ezra lovi fram
for lyden, for menner og kvinnor og alle som kunde
skyna det dei høyrde. Det var fyrste dagen i sjuande
månaden. 3 Han las upp or henne frå dagsprett til
middag, ved torget framfor Vatsporten, for menner
og kvinnor og deim som kunde skyna det; og alt
folket lydde på lovboki. 4 Ezras, den skriftlærde,
stod på ein tram av tre som dei hadde laga til det.
Jamsides med honom stod Mattitja, Sema, Anaja, Uria,
Hilkia og Ma'aseja på høgre sida, og på vinstre sida
Pedaja, Misael, Malkia, Hasum, Hasbaddana, Zakarja
og Mesullam. 5 Ezra opna boki so alle såg det; for han
stod høgare enn dei alle. Og med same han opna,
reis dei alle upp. 6 Ezra lova Herren, den store Gud,
og heile folket svara: «Ja, ja!» - med di dei rette upp
henderne. Dei bøygde seg og kasta seg å gruve på
jordi for Herren. 7 Og Jesua, Bani, Serebja, Jamin,
Akkub, Sabbetai, Hodia, Ma'aseja, Kelita, Azarja,
Jozabad, Hanan, Pelaja og dei hine levitarne tolka lovi
for folket, medan folket vart standande kvar på sin
stad. 8 Dei las tydeleg or boki, or Guds lov; og lagde
ut meiningi, so folket kom til å skyna det. 9 Nehemia,
jarlen, og den skriftlærde presten Ezra, og levitarne,
som lærde folket, sagde til alt folket: «Denne dagen
er heilag for Herren, dykkar Gud. Syrg ikkje og gråt
ikkje!» For heile folket gret då dei høyrde dei ordi i lovi.
10 Og han sagde til deim: «Gakk no og et den beste
mat, og drikk den søtaste vin de hev! Og send gåvor til
den som inkje hev! For denne dagen er heilag for vår
Herre. No skal de ikkje syta. Gleda i Herren er dykkar
faste borg!» 11 Ogso levitarne hysja på alt folket og
sagde: «Ver stille, dagen er heilag, de må ikkje syta!»
12 Då gjekk heile folket burt og åt og drakk og sende
gåvor ikring og heldt ei stor gledehøgtid; dei hadde
lagt seg på hjarta det som var sagt deim. 13 Dagen
etter, då ættehovdingarne i heile folket og prestarne og
levitarne samla hjå den skriftlærde Ezra og vilde få
meir greida på ordi i lovi, 14 då fann dei skrive i lovi, at
Herren hadde bode ved Moses at Israels-borni skulde
bu i lauvhyttor på høgtidi i sjuande månaden, 15 og at
dei skulde kunngjera og ropa ut i alle byarne sine og i
Jerusalem: «Far til fjells og henta lauv av planta oljetre
og ville oljetre, myrt og palmor og andre lauvrike tre og
bygg lauvhyttor, som fyreskrive er!» 16 Då gjekk folket
ut og henta, og bygde seg lauvhyttor på tak og på tun,

kvar heime hjå seg, og i tuni ved Guds hus og på torgi
ved Vatsporten og Efraimsporten. 17 Heile lyden, alle
som var heimkomne frå utlægdi, bygde seg lauvhyttor
og budde i deim. Sidan dei dagarne då Jesua Nunsson
livde og like til denne dagen hadde Israels-borni ikkje
gjort det. Og der var ovleg stor gleda. 18 Kvar dag las
dei upp or Guds lovbok, frå fyrste dagen til siste; dei
heldt høgtig i sju dagar, og på den åttande heldt dei
stor samlingshøgtid, etter fastsett skikk.

9 Den fire og tjugande dagen i same månaden kom
Israels-borni saman og heldt fasta. Dei hadde klædt
seg i sorg og hadde mold på hovudi sine. 2 Israels-ætti
skilde seg ut frå alle framandfolket, steig fram og sanna
synderne sine og syndeskuldi åt federne sine. 3 So
reis dei upp kvar på sin stad medan det vart fyrelese or
lovboki åt Herren, deira Gud. Det var ei øykt. Ei onnor
øykt sanna dei synderne og kasta seg ned for Herren,
sin Gud. 4 Jesua og Bani, Kadmiel, Sebanja, Bunni,
Serebja, Bani og Kenani steig upp på levittramen og
ropa med høg røyst til Herren, sin Gud. 5 Og levitarne
Jesua og Kadmiel, Bani, Hasabneja, Serebja, Hodia,
Sebanja og Petahja sagde: «Ris upp og lova Herren,
dykkar Gud, han som er frå æva og til æva! Ja, lova
vere ditt heilage namn, som er upphøgt yver alt lov og
pris! 6 Einast du er Herren. Du hev skapt himmelen,
ja, himle-himlarne og all deira her, jordi og alt som på
henne er, havi og alt som i deim er. Det er du som
held liv i deim alle. Og himmelheren kastar seg ned for
deg. 7 Det var du, Herre Gud, som valde ut Abram og
førde honom frå Ur i Kaldæa og gav honom namnet
Abraham. 8 Og du fann hjarta hans trufast for di åsyn
då du gjorde du den pakti med honom at du vilde
gjeva ætti hans landet åt kananiten, hetiten, amoriten,
periziten, jebusiten og girgasiten. Og du heldt det du
lova. For du er rettferdig. 9 Du såg kor vondt federne
våre hadde det i Egyptarland, og du høyrde ropet deira
ved Raudehavet. 10 Du gjorde teikn og under med
Farao og alle tenarane hans og heile landslyden hans;
for du visste at dei hadde fare ovmodigt åt med deim.
Og soleis vann du deg eit namn som vert nemnt heilt
til i dag. 11 Du kløyvde havet for deim, sog dei gjekk
turrskodde gjenom havet. Men dei som elte deim, deim
let du søkka i djupet som stein i velduge vatn. 12 Du
leidde deim um dagen med ein skystopul, og um natti
med ein eldstopul til å lysa for deim på den vegen dei
skulde fara. 13 Du steig ned på Sinaifjellet og tala
med deim frå himmelen. Du gav deim rettferdige rettar,
pålitande lover, gode fyreskrifter og bod. 14 Du gav
deim kunnskap um den heilage kviledagen din, og bod
og fyreskrifter og lov ved Moses, tenaren din. 15 Brød
frå himmelen gav du deim når dei var svoltne, og vatn
or berget let du fløyma når dei var tyrste. Og du baud
deim fara av og leggja under seg landet du med handi i
veret hadde svore å gjeva deim. 16 Men federne våre,
dei var kante og hardnakka, og lydde ikkje bodi dine.
17 Dei vilde ikkje lyda. Dei agta ikkje på dei underi
du hadde gjort med deim, men gjorde nakken stiv,
valde seg ein hovding og vilde tråssuge fara attende til
trældomen sin. Men du er ein Gud som tilgjev synd,
kjærleg og mild, tolug og full av nåde; du slepte deim
ikkje. 18 Ja, endå dei støypte seg ein kalv og sagde:
«Dette er guden din, som fylgde deg ut or Egyptarland,
» endå dei spotta deg so gruvelegt, 19 so vilde du i
di store miskunn ikkje sleppa deim der i øydemarki.
Skystopulen veik ikkje frå deim um dagen, men leidde
deim på veg; ikkje heller veik eldstopulen frå deim
um natti, men lyste for deim på den vegen dei skulde
fara. 20 Din gode ande sende du deim til lærar. Du
meinka ikkje munnen deira i å få din manna; og når dei
var tyste, gav du deim vatn. 21 Fyrti år bar du umsut
for deim i øydemarki, og ingen ting vanta dei. Klædi
deira vart ikkje slitne, og føterne deira trutna ikkje. 22
Kongerike og folkeslag gav du deim i gåva, og skifte ut
landsluter åt deim på alle leider. Dei hertok Sihons
land, det landet som høyrde til kongen i Hesbon, og
landet som høyrde til Og, kongen i Basan. 23 Og du
auka ætti deira som stjernorne på himmelen, og du
leide deim inn i det landet du lova federne deira til odel
og eiga. 24 So kom då sønerne og hertok landet. Du
kua kananitarne for deim; deim som budde i landet,
bøygde du under deim og gav i deira hender, både
kongarne og folki der i landet, so dei kunde gjera med
deim etter eige tykkje. 25 Dei hertok borgerne og reiv
til seg den feite jordi, eigna til seg hus fulle av alle
gode ting, tok gravne brunnar, vinhagar, oljeplantingar
og aldetre i mengd. Dei åt og vart mette og feite og
gjorde seg glade dagar av din store rikdom. 26 Men
dei gjorde seg harde og sette upp imot deg, og kasta
di lovi bak ryggen sin. Dei drap profetarne dine, som
vitna for deim og vilde venda deim um til deg; dei
spotta deg gruveleg. 27 Då gav du deim i fiendevald,
og valdsverk fekk dei røyna. Men når dei var i verste
vande, ropa dei til deg, og du høyrde på deim frå
himmelen. I di store miskunn sende du deim frelsarar
som fria deim ut or fiendevald. 28 Kom dei so til ro,
gjorde dei atter det som vondt var for di åsyn. Då let
du deim i fiendevald, so dei vart trælka. Men når dei
so ropa til deg att, so høyrde du på deim frå himmelen
og fria deim ut, etter di store miskunn gong på gong.
29 Du vitna for deim um at dei skulde venda um til di
lov; men dei var kaute og lydde ikkje bodi dine. Og
dei synda mot rettarne dine, dei som det gjeld um, at
når menneskja held deim, skal ho få liva ved deim.

Tråssuge snudde dei ryggen til, gjorde seg hardnakka
og vilde ikkje lyda. 30 Mange år tøygde du tolmod
med deim, og vitna for deim ved din ande gjenom
profetarne dine. Då dei ikkje vilde høyra, gav du deim
framande folk i vald. 31 Men i di store miskunn gjorde
du ikkje heilt ende på deim, og gav deim ikkje upp; for
du er ein mild og kjærleg Gud. 32 Og no, vår Gud, du
store, velduge, skræmelege Gud, du som held pakti og
held uppe miskunni, no må du ikkje tykkja det er lite
alt det vonde me hev lote lida, me og kongarne våre,
hovdingarne, prestarne og profetarne våre, federne
våre og heile folket ditt, frå assyrarkongarne si tid og
alt til i dag. 33 Du er rettferdig i alt det som hev kome
yver oss. Du hev synt deg trufast. Me hev fare ugudleg
åt. 34 Kongarne våre, hovdingarne våre, prestarne
våre, federne våre hev ikkje halde lovi di og hev ikkje
agta på bodi dine og dei åtvaringsordi du gav deim.
35 Jamvel då dei budde i sitt eige rike og i den store
rikdomen som du hadde gjeve deim, og i det vide og
feite landet som du hadde lagt ope for deim, tente dei
deg ikkje, og vende ikkje um frå si vonde åtferd. 36
Sjå no um dagen er me trælar. I det landet du gav
federne våre til å njota landsens grøda og rikdom, sjå
her er me trælar. 37 Si rike grøda ber det til bate for dei
kongar som du sette yver oss for våre synder skuld.
Og dei råder og rikjer etter eige tykkje yver kropparne
våre og buskapen vår. Me er i stor naud.» 38 På grunn
av alt dette gjer me eit fast samband, som me skriv
upp; og på det forsigla brevet stend: Hovdingarne,
levitarne og prestarne våre.

**10** På dei forsigla stykki stend: Nehemia, jarlen, son
åt Hakalja, og Sidkia, 2 Seraja, Azarja, Jeremia,
3 Pashur, Amarja, Malkia, 4 Hattus, Sebanja, Malluk, 5
Harim, Meremot, Obadja, 6 Daniel, Ginneton, Baruk, 7
Mesullam, Abia, Mijjamin, 8 Ma'azja, Bilgai og Semaja;
dette er prestarne. 9 Og levitarne: Jesua Azanjason,
Binnui av Henadads-sønerne og Kadmiel, 10 og brørne
deira: Sebanja, Hodia, Kelita, Pelaja, Hanan, 11 Mika,
Rehob, Hasabja, 12 Zakkur, Serebja, Sebanja, 13
Hodia, Bani og Beninu. 14 Folkehovdingarne: Paros,
Pahat-Moab, Elam, Zattu, Bani, 15 Bunni, Azgad,
Bebai, 16 Adonja, Bigvai, Adin, 17 Ater, Hizkia,
Azzur, 18 Hodia, Hasum, Besai, 19 Harif, Anatot,
Nobai, 20 Magpias, Mesullam, Hezir, 21 Mesezabel,
Sadok, Jaddua, 22 Pelatja, Hanan, Anaja, 23 Hosea,
Hananja, Hassub, 24 Hallohes, Pilha, Sobek, 25
Rehum, Hasabna, Ma'aseja, 26 Ahia, Hanan, Anan, 27
Malluk, Harim og Ba'ana. 28 Og folket elles, prestarne,
levitarne, portvaktarane, songarane, tempelsveinarne
og alle som hev skilt seg frå dei framande folki og
vendt seg til Guds lov, like eins konorne deira, sønerne
og døtterne deira, alle som kann skyna det - 29 dei
slær lag med stormennene og gjeng med på eiden
og sver at dei vil fylgja Guds lov, som er gjevi ved
Guds tenar Moses, og halda og gjera etter alle bodi
og rettarne og fyreskrifterne frå Herren, vår Herre, 30
at me ikkje skal gifta døtterne våre med folki i landet
eller taka døtterne deira til konor åt sønerne våre, 31
og når folki i landet kjem um kviledagen og vil selja
handelsvaror og allslags korn, då skal me ikkje kjøpa
av deim på kviledag eller helgedag; at me let jordi
liggja og kvila kvart sjuande år, og då gjev etter allslags
krav; 32 att me tek på oss skyldnaden å svara ein
tridjepart av ein dalar i årleg reida til tenesta i vår
Guds hus - 33 til skodebrødi, det faste grjonofferet
og det faste brennofferet, til offer på kviledagarne,
på nymånedagarne og i høgtiderne, til takkofferet og
syndofferet til soning for Israel, og til alle tenester i
vår Guds hus. 34 Um vedhaldet hev me, prestarne,
levitarne og folket, drege strå, um å føra veden til vår
Guds hus, etter ættgreinerne våre, kvart år på visse
dagar, til brennefang på altaret åt Herren, vår Gud,
som fyreskrive er i lovi. 35 Me vil års årleg føra til
Herrens hus det fyrste av grøda på marki vår og dei
fyrste mogne frukterne på alle slag tre, 36 og det som
er frumbore av folk og fe, som skrive er i lovi, og føra
det frumbore av storfe og småfe til Herrens hus, til
prestarne som gjer tenesta i vår Guds hus; 37 like
eins det fyrste gropet med mel, og reidorne våre, og
frukti av alle tre, og druvesaft og olje vil me føra til
prestarne, til kovarne i vår Guds hus; like eins tiendi
av marki vår til levitarne. Levitarne samlar sjølv inn
tiendi i alle jordbruksbyarne våre. 38 Ein prest, ein av
Arons-sønerne, er med levitarne når dei samlar inn
tiendi; og sjølve fører levitarne tiendeparten av tienden
si upp til vår Guds hus, til kovarne i forrådshuset. 39
Både Israels-sønerne og Levi-sønerne føre reidorne
av korn og druvesaft og olje til kovarne, der kjeraldi er
som høyrer til heilagdomen, og der prestarne som gjer
tenesta, og like eins portvaktarane og songarane. -
Soleis vil me ikkje gløyma vår Guds hus.

**11** Hovdingarne budde i Jerusalem. Hitt folket drog
strå, soleis at tiande kvar mann skulde bu i
Jerusalem, den heilage byen, og ni tiandepartar skulde
bu i dei hine byarne. 2 Folket velsigna alle dei
mennerne som friviljugt busette seg i Jerusalem. 3
Dette er dei hovdingarne i jarleriket som budde i
Jerusalem; men i Juda-byarne budde kvar i sin by der
han hadde sin eigedom, vanlege israelitar, prestar,
levitar, tempelsveinarne og søner etter Salomos trælar.
4 I Jerusalem budde nokre av Juda-sønerne og av
Benjamins-sønerne. Av Juda-sønerne: Ataja, son åt
Uzzia, son åt Zakarja, son åt Amarja, son åt Sefatja,

son åt Mahalalel, av Peres-sønerne, **5** og Ma'aseja,
son åt Baruk, son åt Kol-Hoze, son åt Hazaja, son åt
Adaja, son åt Jojarib, son åt Zakarja, son åt siloniten.
**6** Peres-sønerne i Jerusalem, var i alt fire hundrad og
åtte og seksti stridsmenner. **7** Og dette var Benjamins-
sønerne: Sallu, son åt Mesullam, son åt Joed, son
åt Pedaja, son åt Kolaja, son åt Ma'aseja, son åt
Itiel, son åt Jesaja, **8** og etter honom Gabbai-Sallai,
i alt ni hundrad og åtte og tjuge. **9** Joel Zikrison var
formannen deira, og Juda Hassenuason var den næst
øvste i byen. **10** Av prestarne: Jedaja Jojaribsson,
Jakin **11** og Seraja, son åt Hilkia, son åt Mesullam, son
åt Sadok, son åt Merajot, son åt Ahitub, den øvste
i Guds hus, **12** og brørne deira, som gjorde tenesta
i Guds hus, åtte hundrad og tvo og tjuge i alt, og
Adaja, son åt Jeroham, son åt Pelalja, son åt Amsi,
son åt Zakarja, son åt Pashur, son åt Malkia, **13** og
brørne hans, ættehovdingar, tvo hundrad og tvo og
fyrti, og Amassai, son åt Azarel, son åt Ahzai, son åt
Mesillemot, son åt Immer, **14** og brørne deira, hundrad
og åtte og tjuge dugande menner. Formannen deira var
Zabdiel, son åt Haggedolim. **15** Av levitarne: Semaja,
son åt Hassub, son åt Azrikam, son åt Hasabja, son åt
Bunni, **16** og Sabbetai og Jozabad, levithøvdingar som
styrde med utearbeidet ved Guds hus, **17** og Mattanja,
son åt Mika, son åt Zabdi, son åt Asaf, fyresongaren,
han som tok i med lovsongen i bøni, og Bakbukja,
næst-høgst av brørne hans, og Abda, son åt Sammua,
son åt Galal, son åt Jedutun. **18** Levitarne i den heilage
byen var i alt tvo hundrad og fire og åtteti. **19** Og
portvaktarane: Akkub, Talmon og brørne deira, som
heldt vakt ved portarne, i alt hundrad og tvo og sytti.
**20** Dei andre israelitarne, prestarne og levitarne budde
i alle dei andre byarne i Juda, kvar på sin eigedom.
**21** Men tempelsveinarne budde på Ofel, og Siha og
Gispa var formennerne deira. **22** Levit-formannen i
Jerusalem, ved tenesta i Guds hus, var Uzzi, son åt
Bani, son åt Hasabja, son åt Mattanja, son åt Mika, av
Asafs-sønerne, songarane. **23** Eit kongebod var gjeve
um deim, og ein fast skipnad sett åt songarane for
kvar dag. **24** Petahja, son åt Mesezabel, av sønerne
åt Zerah Judason, målbar for kongen alle saker som
galdt folket. **25** Og ute på landsbygdi budde og ein part
av Juda-ætti: i Kirjat-Arba og bygderne der ikring, i
Dibon og bygderne der ikring, og i Jekabse'el med
sine grender, **26** i Jesua og Molada og Bet-Pelet, **27**
i Hasar-Sual, i Be'erseba med sine bygder, **28** og i
Siklag, og i Mekona med sine bygder, **29** i En-Rimmon
og Sora og Jarmut, **30** Zanoah, Adullam og bygderne
ikring deim, i Lakis og bumarki som høyrde til, og i
Azeka med sine bygder. Dei busette seg frå Be'erseba
til Hinnomsdalen. **31** Benjamins-sønerne hadde sine
bustader frå Geba: i Mikmas og Ajja, i Betel med sine
bygder, **32** i Anatot, Nob, Ananja, **33** Hasor, Rama,
Gittajim, **34** Hadid, Sebojim, Neballat, **35** Lod og Ono,
Handverkardalen. **36** Nokre skift av levitarne som
høyrde til Juda, busette seg i Benjamin.

**12** Dette er dei prestarne og levitarne som for heim
med Zerubbabel Sealtielsson og Jesua: Seraja,
Jirmeja, Ezra, **2** Amarja, Malluk, Hattus, **3** Sekanja,
Rehum, Meremot, **4** Iddo, Ginnetoi, Abia, **5** Mijjamin,
Ma'adja, Bilga, **6** Semaja, Jojarib, Jedaja, **7** Sallu,
Amok, Hilkia og Jedaja. Dette var hovdingarne for
prestarne og for brørne sine på Jesuas tid. **8** Og
levitarne var: Jesua, Binnui, Kadmiel, Serebja, Juda,
Mattanja, som saman med brørne sine styrde med
lovsongen, **9** medan Bakbukja og Unno, brørne deira,
stod midt fyre deim etter vaktskift. **10** Jesua fekk sonen
Jojakim, Jojakim fekk sonen Eljasib, og Eljasib Jojada.
**11** Jojada fekk sonen Jonatan, og Jonatan Jaddua. **12**
På Jojakims tid var desse hovdingar for preste-ættarne:
For Seraja Meraja, for Jeremia Hananja, **13** for Ezra
Mesullam, for Amarja Johanan, **14** for Meluki Jonatan,
for Sebanja Josef, **15** for Harim Adna, for Merajot
Helkai, **16** for Iddo Zakarja, for Ginneton Mesullam,
**17** for Abia Zikri, for Minjamin, for Moadja Piltai, **18**
for Bilga Sammua, for Semaja Jonatan, **19** for Jojarib
Mattenai, for Jedaja Uzzi, **20** for Sallai Kallai, for Amok
Eber, **21** for Hilkia Hasabja, for Jedaja Netanel. **22** I
Eljasibs, i Jojada og Johanan og Jaddua si tid, vart
hovdingarne for levitættgreinerne uppskrivne; like eins
prestarne i styringstidi åt persaren Darius. **23** Levi-
sønerne, ættarhovdingarne, er uppskrivne i krønikeboki
heilt fram til dagarne hans Johanan Eljasibsson. **24**
Levithovdingarne var: Hasabja, Serebja og Jesua
Kadmielsson og brørne deira, som stod midt imot
deim og song lovsongen og takkesongen, etter som
gudsmannen David hadde bode, ein songarflokk attmed
hin. **25** Mattanja, Bakbukja, Obadja, Mesullam, Talmon
og Akkub var portvaktarar og heldt vakt ved upplagsromi
ved portarne. **26** Dette var ættarhovdingarne i dagarne
hans Jojakim, son åt Jesua Josadaksson, og i jarlen
Nehemia og den skriftlærde presten Ezra si tid. **27** Då
muren kring Jerusalem skulde verta vigd, henta dei
levitarne frå alle bustaderne deira og førde deim til
Jerusalem, til å halda vigsla og gledehøgtid med lov og
song, med cymblar og harpor og cithrar. **28** Då samla
songar-sønerne seg frå kverven kring Jerusalem og
frå netofatitgardarne, **29** frå Bet-Haggilgal og frå landet
kring Geba og Azmavet; songarane hadde bygt seg
gardar rundt ikring Jerusalem. **30** Prestarne og levitarne
reinsa seg, og dei reinsa folket og portarne og muren.
**31** Eg let hovdingarne i Juda stiga upp på muren. So
skipa eg tvo store songkorar og festferder. Den eine

gjekk til høgre uppå muren fram mot Møkporten. 32
Etter dei gjekk Hosaja og den eine helvti av Juda-
hovdingarne, 33 og so Azarja, Ezra, Mesullam, 34
Juda, Benjamin, Semaja og Jeremia, 35 like eins nokre
av prestesønerne med lurar; dinæst Zakarja, son åt
Jonatan, son åt Semaja, son åt Mattanja, son åt Mikaja,
son åt Zakkur, son åt Asaf, 36 og so brørne hans:
Semaja, Azarel, Milalai, Gilalai, Ma'ai, Netanel, Juda,
og Hanani med spelgognerne åt gudsmannen David.
Den skriftlærde Ezra gjekk fyre deim. 37 Dei gjekk yver
Kjeldeporten og beint upp tropperne til Davidsbyen,
der ein stig upp på muren ovanfor Davidshuset, heilt
fram til Vatsporten i aust. 38 Den andre songkoren
gjekk til vinstre, og der fylgde eg og den andre helvti
av folket uppå muren, yver Omnstårnet burt til den
breide muren, 39 yver Efraimsporten, Gamleporten og
Fiskeporten, gjenom Hananeltårnet og Hammeatårnet,
heilt fram til Saueporten. Dei stana ved Fengselsporten.
40 So stelte dei seg upp i Guds hus både songkorarne;
like eins eg og helvti av formennerne med meg, 41
og prestarne Eljakim, Ma'aseja, Minjamin, Mikaja,
Eljoenai, Zakarja og Hananja med lurar, 42 og Ma'aseja,
Semaja, Eleazar, Uzzi, Johanan, Malkia, Elam og
Ezer. Og songarane let songen ljoma, og føraren deira
var Jizrahja. 43 Dei ofra den dagen store offer og
gledde seg; for Gud hadde kveikt gleda hjå folket;
ogso kvinnorne og borni gledde seg. Og gleda frå
Jerusalem høyrdest langan leid. 44 Samstundes vart
det uppnemt menner til å hava tilsyn med upplagsromi
for reidorne, fyrstegrøda og tiendi, til å gøyma der det
som lovi heimla prestarne og levitarne frå bymarkerne.
Dei var fegne i Juda for at prestarne og levitarne
gjorde tenesta. 45 Og dei tok vare på det som var
til å taka vare på ved gudstenesta og reinsingarne.
Like eins gjorde songarane og portvaktarane sine
tenestor, soleis som David og Salomo, son hans,
hadde bode; 46 for alt i gamall tid, i Davids dagar,
og songarhovdingen Asafs dagar, ljoda lovsongar og
takkesongar til Gud. 47 Og i Zerubbabels og Nehemias
dagar gav heile Israel songarane og portvaktarane dei
reidorne dei skulde hava frå dag til annan. Levitarne
fekk sine heilage gåvor, og dei reidde ut heilage gåvor
til Arons-sønerne.

**13** På den tidi las dei upp for folket or Moseboki,
og dei fann det skrive der at ingen ammonit eller
moabit nokon sinn måtte vera med i Guds lyd, 2 for di
dei ikkje hadde kome imot Israels-borni med brød og
vatn, og for di dei hadde leigt imot deim Bileam til å lysa
våbøn yver deim; endå vår Gud vende våbøni um til
velsigning. 3 Då dei høyrde lovi, skilde dei ut frå Israel
allslag framandfolk. 4 Men fyrr dette hende, hadde
presten Eljasib, som stod i skyldskap til Tobia, fenge
tilsynet med kovarne i Guds hus. 5 Og han hadde
innreidt ein stor kove åt honom der dei fyrr hadde
gøymt grjonofferet, røykjelsen, kjeraldi, tiendi, korn,
druvesaft og olje, dei lovheimla avgifterne til levitarne
og songarane og portvaktarane, og prestereidorne. 6
Då alt dette gjekk fyre seg, var ikkje eg i Jerusalem;
i det tvo og trettiande styringsåret åt Babel-kongen
Artahsasta var eg attkomen til kongen. Men då ei tid
var lidi, bad eg kongen um heimlov. 7 Då eg so kom til
Jerusalem, gådde eg det vonde Eljasib hadde gjort,
med å reida inn åt Tobia ein kove i tuni ved Guds hus.
8 Eg tykte fælt ille um det, og eg kasta ut or koven
all husbunaden hans Tobia. 9 Eg baud at dei skulde
reinsa kovarne. Og so fekk eg inn att gognerne til Guds
hus, grjonofferet og røykjelsen. 10 Framleides fekk eg
greida på at levitarne ikkje fekk avgifterne sine, og at
difor levitarne og songarane hadde flutt ut på landet til
kvar sin eigedom, i staden for å gjera tempeltenesta.
11 Då skjemde eg på formennerne og sagde: «Kvifor
hev Guds hus vorte gløymt?» Eg stemnde deim saman
og sette deim inn att kvar på sin stad. 12 Og heile
Juda førde fram til upplagsromi tiendi av korn og
druvesaft og olje. 13 Tilsynet med upplagsromi gav
eg til presten Selemja og den skriftlærde Sadok og
ein levit, Pedaja; til hjelpesmann gav eg deim Hanan,
son åt Zakkur Mattanjason; for dei vart haldne for
pålitande. Til deim låg det no å skifta ut til brørne sine.
14 Kom meg i hug for dette, min Gud, og lat ikkje dei
kjærleiksgjerningar verta gløymde som eg hev gjort for
min Guds hus og tenesta der! 15 Samstundes såg
eg i Juda kor dei trødde vinpersa um kviledagen, kor
dei bar heim kornbandi og klyvja deim på asni, like
eins vin, druvor, fikor og allslags varor, og førde til
Jerusalem um kviledagen. Eg vara deim åt den dagen
dei selde desse matvaror. 16 Tyrus-folk som hadde
busett seg der, kom ogso med fisk og allslag varor og
selde til jødarne um kviledagen, og det i Jerusalem. 17
Då skjemde eg på adelsmennerne i Juda, og sagde
til deim: «Korleis kann de fara so ille og vanhelga
kviledagen? 18 Var det ikkje av di federne dykkar for
åt like eins, at vår Gud førde all denne ulukka yver
oss og yver denne byen? Og no aukar de endå meir
harmen hans mot Israel, med å vanhelga kviledagen!»
19 So snart det tok til å myrkna i portarne i Jerusalem
fyre kviledagen, gav eg bod um å læsa portarne, og
ikkje opna deim att fyrr kviledagen var liden. Eg sette
nokre av drengjerne mine på vakt ved portarne, so
ingen skulde føra inn nokor byrd um kviledagen. 20
Kjøpmenner og handlarar med allslags torgvaror natta
utanfor Jerusalem både ein og tvo gonger. 21 Men eg
vara deim åt og sagde: «Kva skal det vera til at de
nattar utanfor muren? Gjer de det ein gong til, so skal

de få kjenna neven min.» Frå den tidi kom dei ikkje
meir um kviledagen. **22** Eg baud levitarne reinsa seg
og so koma og halda vakt ved portarne, so kviledagen
kunde haldast heilag. Ogso for dette må du koma meg
i hug, min Gud, og miskunna meg etter din store nåde.
**23** Samstundes såg eg kor jødarne hadde gift seg med
asdoditiske, ammonitiske og moabitiske kvinnor. **24**
Helvti av borni deira tala Asdod-mål eller tungemålet
til dei andre folki, og kunde ikkje tala jødisk. **25** Eg
skjemde på deim og banna deim, ja, eg slog og lugga
sume av deim. Og eg tok deim i eid ved Gud og sagde:
«Ikkje må det gifta døtterne dykkar med sønerne deira
og ikkje taka døtterne deira til konor åt sønerne dykkar
eller åt dykk sjølve. **26** Var det ikkje for deira skuld at
Salomo, Israels konge, synda? Det fanst ikkje makan til
konge millom dei mange folki. Hans Gud elska honom,
og Gud sette honom til konge yver heile Israel. Jamvel
honom fekk dei framande kvinnorne til å synda. **27**
Skal det verkeleg verta spurt at de hev gjort all denne
store vondskap og vore utrue mot vår Gud og gift dykk
med framande kvinnor?» **28** Ein av sønerne åt Jojada,
son åt øvstepresten Eljasib, var mågen åt horoniten
Sanballat; honom jaga eg burt frå meg. **29** Kom deim
i hug, min Gud, for di dei hev sulka til prestedømet
og pakti um prestarne og levitarne! **30** Soleis reinsa
eg deim for alt framandt. Eg fastsette tenestorne for
prestarne og levitarne, det kvar skulde ha umsut med i
sitt arbeid, **31** og korleis det skulde vera med vedofferet
til visse tider og med fyrstegrøda. Kom meg i hug for
dette, min Gud, og rekna meg det til godes!

# Esters

**1** Det hende seg i styringstidi åt Ahasveros - som
rådde frå India alt til Ætiopia yver eit hundrad
og sju og tjuge jarlerike - **2** i dei dagarne då kong
Ahasveros sat på kongsstolen i borgi Susan: **3** i det
tridje styringsåret hans gjorde han eit gjestebod for
alle hovdingarne og tenarane sine, medan heren frå
Persia og Media var samla hjå honom, saman med
storfolket og jarlarne. **4** I mange dagar, eit hundrad
og åtteti dagar, synte han deim sin kongelege rikdom
og herlegdom og stordom med all dramb og drust. **5**
Då dei dagarne var lidne, gjorde kongen eit gjestebod
i sju dagar for alt folket som fanst i borgi Susan, frå
den høgste til den lægste, i den inngjerde hagen ved
kongsborgi. **6** Der hekk tjeld av kvitt lin og bomull og
purpurblått ty, feste med kvite og purpur-raude snorer
til sylvringar på kvite marmorsulor. Der stod benkjer
av gull sylv, på eit golv av grønt og kvitt marmor og
perlemorstein og svart stein. **7** Drykkjerne vart skjenkte
i gullstaup, kvart staup hadde sers skap. Og der var
nøgdi av kongeleg vin, på kongevis. **8** Den fyresegni
vart sett drikkingi, at ingen skulde nøydast; kongen
hadde bode alle hovmeistrarne at dei skulde lata kvar
mann få so mykje han sjølv hadde hug på. **9** Dronning
Vasti gjorde samstundes eit gjestebod for kvinnorne i
det kongelege huset åt kong Ahasveros. **10** Sjuande
dagen då kongen var fjåg av vinen, baud han dei sju
hirdmennerne som gjorde tenesta hjå kong Ahasveros:
Mehuman, Bizta, Harbona, Bigta, og Abagta, Zetar
og Karkas, **11** at dei skulde henta dronning Vasti og
leida henne fram for kongen, med kongskruna på,
so han kunde syna fram vænleiken hennar for folki
og for hovdingarne; for ho var fager å sjå til. **12** Men
dronning Vasti vilde ikkje koma, tråss i det kongsbodet
hirdmennerne bar fram. Då vart kongen veldugt vreid,
og harmen loga upp i honom. **13** Kongen sagde til
vismennerne, dei som hadde vit på tiderne - soleis
vart alle kongssakar framlagde for deim som hadde vit
på lov og rett, **14** og dei som stod honom næmast,
var Karsena, Setar, Admata, Tarsis, Meres, Marsena
og Memukan, dei sju hovdingarne i Persia og Media,
som stod kongen næmast, og åtte øvste sæti i riket
-: **15** «Kva skal det etter lovi gjerast med dronning
Vasti, sidan ho ikkje lyder det bodet kong Ahasveros
sende henne med hirdmennerne?» **16** Memukan tok
til ords for kongen og hovdingarne: «Dronning Vasti
hev ikkje berre forbrote seg mot kongen, men mot
alle hovdingarne og alle folki i alle jarleriki åt kong
Ahasveros. **17** Åtferdi hennar vil koma ut millom alle
konorne, og vil føra til at dei vanvyrdar mennerne
sine; for dei vil segja: «Kong Ahasveros baud at dei
skulde føra dronning Vasti fram for honom, men ho
kom ikkje!» **18** Ja, alt i dag vil hovdingfruorne i Persia
og Media høyra gjete åtferdi til dronningi og svara alle
kongens hovdingar sameleis, og det vil verta nok av
vanvyrdnad og harm. **19** Tekkjest det kongen, so lat eit
kongebod verta utferda, og uppskrive millom loverne
i Persia og Media, so det stend uruggeleg fast, at
Vasti skal aldri meir koma fram for kong Ahasveros;
hennar kongelege stand gjev kongen til ei onnor, som
er likare enn ho. **20** Når dette kongelege påbodet vert
utferda og kunngjort i heile kongens rike, so vida det
rekk, då vil alle konor syna mennerne sine æra, frå dei
høgste til dei lægste.» **21** Dette ordet lika kongen og
stormennerne godt, og kongen gjorde som Memukan
hadde sagt. **22** Brev vart sende til alle jarledømi åt
kongen, til kvart jarledøme med deira skrift og til kvart
folk på deira tungemål: at kvar mann skulde vera herre
i sitt hus, og tala sitt eige folkemål.

**2** Etter ei tid var gjengi og sinne hadde runne av kong
Ahasveros, tenkte han på Vasti, og åtferda hennar,
og domen yver henne. **2** Hirdmennerne som gjorde
tenesta hjå kongen, sagde då: «Lat folk leita upp åt
kongen fagre ungmøyar! **3** Lat kongen setja folk i alle
kongens jarlerike til å samla alle fagre ungmøyar til
kvendehuset i borgi Susan under tilsyn av kongens
hirdmann Hege, kvendevaktaren, so dei kann få det dei
treng til å hama seg. **4** Den ungmøyi som kongen likar,
ho skal då verta dronning i staden for Vasti.» Dette
tykte kongen vel um, og han so gjorde. **5** I borgi Susan
var det ein jøde som heitte Mordokai, son åt Ja'ir,
son åt Sime'i, son åt Kis, av Benjamins-ætti. **6** Han
var burtførd frå Jerusalem millom dei fangarne som
vart burtførde saman med Juda-kongen Jekonja, dei
som Babel-kongen Nebukadnessar førde burt. **7** Han
var fosterfar åt Hadassa, som og heitte Ester, dotter
åt farbror hans; ho åtte korkje far eller mor. Gjenta
var velvaksi og væn. Og då foreldri hennar døydde,
tok Mordokai henne til seg som si eigi dotter. **8** Då
kongebodet og fyreseigni vart kunngjort, og dei samla
saman mange ungmøyar i borgi Susan under tilsyn av
Hegai, henta dei ogso Ester til kongshuset under tilsyn
av kvendevaktaren Hegai. **9** Han lika gjenta godt og
fann hugnad i henne. Difor skunda han seg å gjeva
henne alt turvande til å hama seg, like eins gav han
henne den maten ho skulde hava, og dei sju ternor
ho skulde hava frå kongshuset. Han let henne og
ternorne hennar flytja inn i beste romet i kvendehuset.
**10** Ester gat ikkje eit ord um folket sitt eller ætti si;
Mordokai hadde sagt henne fyre å tegja um det. **11**
Kvar einaste dag gjekk Mordokai att og fram utanfor
garden ved kvendehuset, han vilde få vita kor det stod
til med Ester, og kor det gjekk henne. **12** Kvar ungmøy

kom inn til kong Ahasveros etter tur. Det gjekk tolv
månader til å stella med deim etter påbodet um kvendi:
seks månader med myrra-olje, og seks månader med
angande salvar og anna som kvende treng til å hama
seg. 13 Når so ungmøyi gjekk inn til kongen, fekk ho
med seg frå kvendehuset til kongshuset alt det ho
ynskte. 14 Um kvelden gjekk ho inn; um morgonen
gjekk ho attende, men då til eit anna kvendehus, under
tilsyn av kongens hirdmann Sa'asgaz, vaktaren yver
fylgjekonorne. Ho fekk då ikkje koma inn att til kongen,
minder kongen lika henne so godt, at han sende bod
etter henne med namns nemning. 15 Då radi kom til
Ester, dotter åt Abiha'il, som var farbror åt Mordokai,
fosterfar hennar, so kravde ho ikkje anna med seg enn
det hirdmannen Hegai, kvendevaktaren, rådde til. Og
alle som såg Ester, fann hugnad i henne. 16 Ester
vart henta til kong Ahasveros i kongshuset hans i den
tiande månaden, månaden tebet, i sjuande styringsåret
hans. 17 Kongen vart gladare i Ester enn i alle dei
andre kvendi; ho vann meir hugnad og godhug hjå
honom enn alle dei andre ungmøyarne. Han sette
kongskruna på hovudet hennar og gjorde henne til
dronning i staden for Vasti. 18 Og kongen gjorde
eit stort gjestebod for alle hovdingarne og tenarane
sine, eit Ester-gjestebod, og han gav skattelette i alle
jarleriki og gav gåvor med kongeleg raustleik. 19 Andre
gongen samla dei saman ungmøyar, og Mordokai sat
då kongsporten. 20 Ester hadde ikkje gjete ord um
ætti si og folket sitt, etter pålegget frå Mordokai; Ester
lydde framleides bodet hans Mordokai, like eins som
då ho vart fostra hjå honom. 21 Den tid Mordokai
sat i kongsporten, vart Bigtan og Teres, tvo konglege
hirdmenner som heldt vakt ved dørstokken, harme og
freista finne høve til å leggja hand på kong Ahasveros.
22 Mordokai fekk vita dette, og sagde det med dronning
Ester; so nemde Ester det med kongen på Mordokais
vegner. 23 Saki vart granska, og det viste seg at det
var sant, og dei tvo vart hengde i ein galge. Dette vart
uppskrive i krønikeboki for kongen.

**3** Ei tid etter gjorde kong Ahasveros agagiten Haman
Hammedatason stor og gav honom rang og sæte
yver alle hovdingarne som var hjå honom. 2 Og alle
kongens tenarar som var i kongsporten, fall på kne
og kasta seg ned for Haman; so hadde kongen sagt
fyre om honom. Men Mordokai fall ikkje på kne og
kasta seg ikkje ned. 3 Kongens tenerar som var i
kongsporten spurde Mordokai: «Kvifor gjer du imot
kongens påbod?» 4 Dag etter dag kom dei med dette
spørsmålet; men han høyrde ikkje på deim. So melde
dei det for Haman, dei vilde sjå um den forklåring
Mordokai gav, fekk gjelda; for han hadde fortalt deim at
han var jøde. 5 Då Haman gådde at Mordokai ikkje fall
på kne og ikkje kasta seg ned for honom, då vart han
full av harm. 6 Men han tykte det var for lite å leggja
hand på berre Mordokai. Dei hadde meldt kongen kva
folk Mordokai høyrde til. Og so søkte Haman høve til å
rydja ut alle jødar i heile riket åt Ahasveros, av di dei
var landsmennerne hans Mordokai. 7 Fyrste månaden,
månaden nisan, i tolvte styringsåret åt kong Ahasveros,
kasta dei pur, det er lut, for Haman um kvar einskild
dag og kvar einskild månad, alt til tolvte månaden,
månaden adar. 8 Og Haman sagde til kong Ahasveros:
«Her finst eit folk som bur spreidt og utskildt millom dei
andre folki i alle jarledøme i riket ditt. Loverne deira er
ulike loverne åt alle andre folk, og kongens lover held
dei ikkje, so kongen kann ikkje lita seg med å lata deim
i fred. 9 Tekkjest det kongen, so bør det verta utferda
eit brev um å gjera ende på deim. Fem og tjuge tusund
våger sylv kann eg då vega upp for embætsmennerne
åt kongen til å leggja i kongens skattkammer.» 10
Kongen drog signetringen av handi si og gav Haman
Hammedatason, agagiten, jødefienden. 11 «Sylvet
skal du få, » sagde kongen til Haman, «og med det
folket kann du fara som du finn fyre.» 12 Då vart
skrivarane åt kongen kalla saman, den trettande dagen
i fyrste månaden, og dei skreiv i alle måtar soleis som
Haman baud, til kongens satrapar, til jarlarne i kvar sitt
jarlerike og til hovdingarne yver dei einskilde folki; kvart
jarlerike fekk brevet med si skrift og kvart folk med sitt
mål. I namnet åt kong Ahasveros ferda dei ut brevet
og forsigla det med den kongelege signetringen. 13
So sende dei brev med snøggbod til alle jarleriki åt
kongen, at alle jødar skulde verta utrudde, drepne og
tynte, både unge og gamle, born og kvende, alle på
ein dag, den trettande dagen i tolvte månaden, det vil
segja månaden adar, og deira gods skulde gjevast til
plundring. 14 I brevet stod at det skulde verta utferda
ei lov og kunngjord for alle folk i kvart jarlerike, med
bod um at dei skulde vera budde til den dagen. 15
Snøggbodi skunda seg av stad på kongens bod, so
snart påbodet var gjeve i borgi Susan. Kongen og
Haman sette seg til å drikka. Men byen Susan var reint
forfjetra.

**4** Då Mordokai fekk vita alt som var hendt, reiv han
sund klædi sine og klædde seg i sekk og oska,
gjekk ut i byen og skreik høgt og sårt. 2 Og han kom
til plassen utanfor kongsporten; for ingen fekk lov til
å ganga inn i kongsporten i syrgjebunad. 3 I kvart
jarlerike, dit som kongens ord og påbod nådde, der
vart det stor sorg millom jødar; dei fasta og gret og
jamra; mange reidde upp under seg med sekk og
oska. 4 Ternorne og hirdmennerne åt Ester kom og
fortalde henne dette, og dronningi vart reint forstøkt.

Ho sende klæde til Mordokai som han skulde taka på
seg i staden for syrgjebunaden; men han tok ikkje
imot. 5 Ester kalla då til seg Hatak, ein av kongens
hirdmenner, som var sett til å tena henne, og sende
honom til Mordokai til å få vita kva som var tids, og
kvifor han bar seg soleis. 6 Hatak gjekk ut til Mordokai
på bytorget under kongsporten. 7 Og Mordokai fortalde
honom um alt det som hadde hendt honom, og nemnde
grant den pengesumen som Haman hadde lova å
vega upp åt kongskassa for jødarne, når han fekk tynt
dei. 8 Dessutan gav han honom avskrift av det skrivne
påbodet som hadde vorte utferda i Susan um å rydja
deim ut; han skulde syna Ester det og melde henne
det, og bjoda henne å ganga inn til kongen og beda
um miskunn og søkja nåde for folket sitt hjå honom. 9
Hatak kom og melde Ester det Mordokai hadde sagt.
10 Då baud Ester Hatak ganga til Mordokai og segja:
11 «Alle kongstenarane og folket i kongens jarlerike
veit at den lovi gjeld for alle, kar eller kvende: gjeng
nokon ukalla inn til kongen i den indre garden, so lyt
han lata livet; det einaste er um kongen retter ut mot
honom gullstaven, då fær han liva. Og eg hev ikkje
vore kalla til kongen no på tretti dagar.» 12 Dei fortalde
Mordokai kva Ester hadde sagt. 13 Då sagde Mordokai
dei skulde svara henne: «Du må ikkje tenkja med deg
sjølv at du skal sleppa undan millom alle jødar, av
di er i huset hjå kongen. 14 Nei, tegjer du verkeleg
stilt i dette høvet, so skal nok jødarne få utfriing og
frelsa frå ein annan kant; men du og farshuset ditt skal
ganga til grunnar. Kven veit um ikkje du hev nått til
kongeleg rang just for dette høvet skuld?» 15 Då let
Ester Mordokai få dette svaret: 16 «Gakk og få saman
alle jødar som finst i Susan, og haldt fasta for meg, so
de korkje et eller drikk noko på tri døger, natt og dag.
Eg og ternorne mine vil og fasta sameleis. Og so vil eg
ganga inn til kongen, endå det er ulovlegt. Lyt eg so
døy, so lat meg døy!» 17 Mordokai gjekk av stad og
gjorde i alle måtar so som Ester hadde bode honom.

**5** Tridje dagen klædde Ester seg i kongelegt skrud
og gjekk inn i den indre garden til kongshuset midt
fyre kongshuset, og kongen sat på kongsstolen sin
i kongshalli, midt imot døri til huset. 2 Då kongen
såg dronning Ester standa i garden, fann ho nåde
i hans augo; og kongen rette ut til Ester gullstaven
som han hadde i handi. Ester gjekk då fram og tok i
enden av staven. 3 Kongen sagde til henne: «Kva hev
du på hjarta, dronning Ester? kva er det du ynskjer?
Um det so er helvti av riket, skal du få det.» 4 Ester
svara: «Tekkjest det kongen, so må kongen saman
med Haman koma i dag til det gjestebodet eg hev
laga til åt honom.» 5 Kongen svara: «Skunda dykk,
henta Haman, so me kann gjera det Ester bed um.»
So kom då kongen og Haman til gjestebodet som
Ester hadde laga til. 6 Då dei sat og drakk vin, spurde
kongen Ester: «Kva er di bøn? Du skal få det du bed
um! Og kva er ditt ynskje? Um det vore helvti av riket,
so skal det løyvast deg!» 7 Ester svara: «Bøni mi og
ynskjet mitt er: 8 Hev eg funne nåde i kongens augo,
og det tekkjest kongen å gjeva meg det eg bed um
og gjera det eg ynskjer, so må kongen og Haman
koma til det gjestebodet eg vil laga til åt deim; so
skal eg i morgon gjera som kongen segjer.» 9 Den
dagen gjekk Haman derifrå glad og i godlag. Men då
Haman fekk sjå Mordokai i kongsporten, og at han
korkje reis upp eller synte nokon age for honom, då
vart Haman full av harm mot Mordokai. 10 Like vel
styrde han seg, til han kom heim. Då sende han bod
etter venerne sine og etter Zeres, kona si. 11 Haman
fortalde deim um all sin rikdom og herlegdom og um
dei mange sønerne sine, og um alt det kongen hadde
gjort til å gjera honom stor og setja honom høgre enn
hovdingarne og kongens tenarar. 12 «Ja, dronning
Ester, » sagde han, «let ingen annan enn meg koma
med kongen til det gjestebodet ho gjorde; til i morgon
og hev ho bede meg saman med kongen. 13 Men
alt dette kann eg ikkje lita meg med, so lenge eg ser
jøden Mordokai sitja i kongsporten.» 14 Då sagde
Zeres, kona hans, og venerne hans til honom: «Lat
deim gjera ein galge, femti alner høg, og bed kongen i
morgon um å få hengja Mordokai i den! So kann du
fara glad til gjestebords med kongen.» Denne rådi lika
Haman godt, og han let deim gjera galgen i stand.

**6** Den natti flydde svevnen frå kongen. Han baud
henta krønikeboki med minnelege hendingar, og
ho vart upplesi for kongen. 2 Der fann dei uppskrive
at Mordokai hadde meldt Bigtana og Teres, tvo
hirdmenner hjå kongen som heldt vakt ved dørstokken,
for dei hadde søkt høve til å leggja hand på kong
Ahasveros. 3 So spurde kongen: «Kva æra og vyrdnad
hev Mordokai fenge for dette?» Kongsdrengjerne som
tente honom svara: «Han hev ingen ting fenge.» 4 So
spurde kongen: «Kven er det som er ute i garden?»
I det bilet var Haman komen inn i den ytre garden
ved kongshuset, og vilde tala med kongen um å få
hengt Mordokai i galgen han hadde reist åt honom.
5 Kongsdrengjerne svara: «Haman stend der ute i
garden.» «Lat honom koma inn!» sagde kongen. 6 Då
Haman kom inn, spurde kongen honom: «Korleis skal
ein fara åt med den mannen som kongen gjerna vil
heidra?» Haman tenkte med seg sjølv: «Kven skulde
kongen vilja heidra meir enn meg?» 7 So svara han
kongen: «Den som kongen gjerne vil heidra, 8 åt
honom skal ein henta ein kongeleg klædnad som
kongen sjølv hev bore, og ein hest som kongen sjølv

hev ride på, og som hev fenge ei kongeleg kruna på
hovudet, 9 klædnaden og hesten skal gjevast til ein av
dei øvste stormennerne åt kongen, og dei skal hava
klædnaden på den mannen kongen vil heidra og føra
honom ridande på hesten fram på bytorget, og ropa
framfyre honom: «Soleis gjer ein med den mannen
som kongen vil heidra.»» 10 Då sagde kongen med
Haman: «Skunda deg, tak klædnaden og hesten, som
du hev sagt, og gjer soleis med jøden Mordokai som sit
i kongsporten! Gløym ikkje noko av alt det du sagde!»
11 Haman tok klædnaden og hesten, hadde klædnaden
på Mordokai, let honom rida fram på bytorget og ropa
fyre honom: «Soleis gjer ein med den mannen som
kongen vil heidra!» 12 Mordokai vende attende til
kongsporten; men Haman skunda seg heim, sorgfull og
med hovudet innsveipt. 13 Og Haman fortalde Zeres,
kona si, og alle venerne sine alt det som hadde hendt
honom. Då sagde vismennerne hans og Zeres, kona
hans, med honom: «Um so er at Mordokai, som du
tek til å liggja under for, er av jødeætt, so magtast du
ingen ting mot honom; du kjem til å liggja reint under
for honom.» 14 Medan dei endå tala med honom, kom
hirdmennerne åt kongen og skulde snøggast henta
Haman til gjestebodet som Ester hadde laga til.

**7** So kom då kongen og Haman til drikkelaget hjå
dronning Ester. 2 Då dei sat og drakk vin, spurde
kongen Ester sameleis andre dagen: «Kva er di bøn,
dronning Ester? Du skal få det du bed um. Kva er ditt
ynskje? Um det vore helvti av riket, so skal det løyvast
deg.» 3 Då svara dronning Ester: «Hev eg funne nåde
i kongens augo, og det tekkjest kongen soleis, så unn
meg mitt liv på mi bøn og mitt folk på mitt ynskje! 4
For me er selde, eg og folket mitt, til å verta utrudde,
drepne og tynte. Hadde me vorte selde til trælar og
trælkvinnor, då skulde eg tagt; for den ulukka vilde
ikkje vore so stor at det var verdt å bry kongen.» 5
Då spurde kong Ahasveros dronning Ester: «Kven er
han, og kvar er han, den som hev våga seg til å gjera
sovore?» 6 Ester svara: «Det er ein illtenkt mann, ein
fiendesmann, den vonde Haman, som sit der.» Då vart
Haman forfærd for kongen og dronningi. 7 Kongen reis
upp i harm frå drikkelaget og gjekk ut i slottshagen.
Haman drygde, vilde tigga dronning Ester um livet;
han skyna kongen var fast på å føra honom i ulukka.
8 Kongen kom attende til drikkelaget frå slottshagen
og såg Haman liggja yver kvilebenken som Ester sat
på. «Vil du, » ropa kongen, «jamvel her inne i mitt
nærvære taka dronningi med vald?» Snaudt var ordi
slopne utor munnen på kongen fyrr dei sveipte inn
andlitet på Haman. 9 Harbona, ein av hirdmennerne
som gjorde tenesta hjå kongen, sagde: «Attmed huset
åt Haman stend det alt ein galge, femti alner høg; den
let Haman reisa åt Mordokai, som med sine ord gjorde
kongen gagn.» «Heng honom der!» sagde kongen. 10
So hengde dei Haman upp i den galgen han hadde
reist åt Mordokai. Og kongens harm gav seg att.

**8** Same dagen gav kong Ahasveros dronning Ester
huset hans Haman, jødefienden, og Mordokai fekk
koma inn til kongen; for Ester hadde fortalt kva han var
for henne. 2 Kongen drog av seg signetringen som
han hadde teke frå Haman, og gav honom til Mordokai.
Og Ester sette Mordokai til å styra huset hans Haman.
3 Endå ein gong vende Ester seg til kongen, fall ned
for føterne hans, gret og naudbad honom å gjera um
inkje den ulukka og den meinrådi som agagiten Haman
hadde etla jødarne. 4 Kongen rette gullstaven ut mot
Ester. Då reis Ester upp og gjekk fram for kongen. 5
«Tekkjest det kongen, » sagde ho, «og hev eg funne
nåde i hans augo, tykkjer kongen det er meining i
det, og held han meg gjæv, so lat det ferdast ut eit
brev til avlysing av brevi med meinrådi åt agagiten
Haman Hammedatason, dei som han ferda ut til å
tyna jødarne i alle kongens jarlerike. 6 Kor skulda eg
orka sjå på den ulukka som kjem yver folket mitt? Kor
skulde eg orka sjå på at ætti mi vert tynt?» 7 Då sagde
kong Ahasveros til dronning Ester og jøden Mordokai:
«Sjå, eg hev gjeve Ester huset hans Haman, han sjølv
er hengd i galgen, av di han vilde leggja hand på
jødarne. 8 Ferda no de ut eit brev til jødarne i kongens
namn, soleis som de tykkjer best, og forsigla det med
signetringen åt kongen. For eit skriv som er utferda i
kongens namn og forsigla med signetringen åt kongen,
kann ikkje verta atterkalla.» 9 So vart då skrivarane
åt kongen straks kalla saman, den tri og tjugande
dagen i tridje månaden, månaden sivan, og dei skreiv i
alle måtar soleis som Mordokai baud til jødarne og
til satraparne og jarlarne og hovdingarne i jarleriki,
frå India til Ætiopia, hundrad og sju og tjuge jarlerike;
kvart rike fekk brevet med si skrift, kvart folk på sitt
tungemål, og jødarne med si skrift og på sitt tungemål.
10 Han skreiv i namnet åt kong Ahasveros og forsigla
med signetringen åt kongen. So sende han brev ikring
med ridande snøggbod på tråvarar frå kongens eigne
stallar, 11 at kongen gav jødarne i kvar by lov til å slå
seg i hop og verja livet sitt, og rydja ut, drepa og tyna
alle væpna flokkar i kvart folk og jarlerike som synte
deim fiendskap, alt til born og kvende, og so plundra
eigedomarne deira, 12 på ein og same dagen i alle
jarleriki åt kong Ahasveros, trettande dagen i tolvte
månaden, det vil segja månaden adar. 13 I brevet stod
det at det skulde varta utferda ei lov og kunngjord
for alle folk i kvart jarlerike: at jødarne skulde vera
budde den dagen til å hemna seg på fiendarne sine.

14 Snøggbodi på dei konglege tråvarar reid av stad
so fort dei kunde på kongens bod, so snart påbodet
var utferda i borgi Susan. 15 Mordokai gjekk ut frå
kongen i ein kongeleg klædnad av purpurblått og kvitt
ty med ei stor gullkruna, og i ei kåpa av kvitt bomull og
purpurraudt ty; og byen Susan jubla og gledde seg. 16
For jødarne rana no ljos og gleda, fagnad og vyrdnad.
17 Og i kvart jarlerike og i kvar ein by som kongens ord
og påbod nådde til, der vart det gleda og fagnad på
jødarne, med gilde og høgtid. Mange av folki i landet
gjekk yver til jødedomen, so stor otte hadde dei fenge
for jødarne.

9 Trettande dagen i den tolvte månaden, det vil
segja månaden adar, den dagen det var fastsett
at kongens ord og påbod skulde setjast i verk, den
dagen jødefiendarne hadde vona å få magt yver deim
- no hadde det snutt seg soleis, at det var jødarne
som fekk magt yver fiendarne sine - 2 den dagen slo
jødarne seg i hop i byarne sine i alle dei jarleriki åt
kong Ahasveros og vilde leggja hand på deim som
elta gjera deim mein. Og ingen stod seg imot deim;
so stor otte hadde alle folk fenge for deim. 3 Alle
hovdingarne i jarleriki og satraparne og jarlarne og
embætsmennerne åt kongen hjelpte jødarne; so stor
otte hadde dei fenge for Mordokai; 4 for Mordokai
var ein stor mann i kongens hus; i alle jarleriki kom
gjetord ut om honom, at denne Mordokai auka allstødt
i magt. 5 Jødarne slo eit slag på alle fiendarne sine,
med sverd og dreping og tyning, og dei for som dei
vilde med motmennerne sine. 6 I borgi Susan drap og
tynte jødarne fem hundrad mann. 7 Og Parsandata og
Dalfon og Aspata 8 og Porata og Adalja og Aridata 9
og Parmasta og Arisai og Aridai og Vaizata, 10 dei ti
sønerne åt Haman Hammedatason, jødefienden, drap
dei. Men til plundring rette dei ikkje ut handi. 11 Same
dagen høyrde kongen gjete talet på deim som var
drepne i borgi Susan. 12 Då sagde kongen til dronning
Ester: «I borgi Susan hev jødarne drepe og tynt fem
hundrad mann forutan dei ti sønerne åt Haman. Kva
hev dei so ikkje gjort i dei andre kongelege jarleriki?
Kva er di bøn? Du skal få det du bed um! Og kva
ynskje hev du meir? Det skal verta uppfyllt!» 13 Ester
svara: «Tekkjest det kongen, so lat ogso i morgon
jødarne i Susan få lov å gjera etter påbodet for i dag!
Og lat dei ti sønerne åt Haman verta upphengde i
galgen!» 14 Kongen baud at so skulde vera. Påbodet
vart utferda i Susan. Alle ti sønerne åt Haman vart
upphengde. 15 Jødarne i Susan slo seg i hop den
fjortande dagen og i månaden adar og drap tri hundrad
mann i Susan. Men til plundring rette dei ikkje ut handi.
16 Dei andre jødarne i jarleriki åt kongen slo seg i hop
og varde livet og rådde seg ro for fiendarne sine. Dei
drap fem og sytti tusund av motmennerne sine. Men
til plundring rette dei ikkje ut handi. 17 Dette hende
trettande dagen i månaden adar. Den fjortande kvilde
dei ut og dei gjorde den dagen til ein gjestebodsdag og
fagnad-dag. 18 Jødarne i Susan hadde slege seg i hop
både trettande og fjortande dagen; dei kvilde ut den
femtande og gjorde den dagen til gjestebodsdag og
fagnad-dag. 19 Difor høgtidar jødarne på landsbygdi,
dei som bur i landsbyarne, den fjortande dagen i
månaden adar med fagnad, med gjestebod og festar
og dei sender forner til kvarandre. 20 Mordokai skreiv
upp desse hendingarne og sende brev til alle jødarne i
alle jarleriki åt kong Ahasveros, nær og fjerr, 21 og
slog fast for deim at dei år etter år skulde høgtida
fjortande og femtande dagen i månaden adar, 22 for
dei dagarne hadde jødarne rådt seg ro for fiendarne
sine, og i den månaden hadde suti deira snutt seg
um til fagnad og sorgi til høgtid. Difor skulde dei gjera
desse dagarne til gjestebods-dagar og fagnad-dagar,
og senda fornar til kvarandre og gåvor til fatigfolk. 23
Jødarne lovtok denne skikken, som dei no hadde teke
til med, og som Mordokai hadde skrive til deim um.
24 Agagiten Haman Hammedatason, fienden åt alle
jødar, hadde lagt upp råder mot jødarne um å tyna
deim og hadde kasta pur, det er lut, for å øyda og
tyna deim. 25 Men då kongen frette det, hadde han
bode og ferda ut i eit brev um at meinråderne hans,
som hin hadde etla åt jødarne, skulde snu attende
på hans eige hovud, so han sjølv og sønerne hans
vart hengde i galgen. 26 Av den grunn vart desse
dagarne heitande purim, etter ordet pur. Og av den
grunn - etter alt det som stod i dette brevet, etter det
dei sjølve hadde set, og etter det som hadde hendt
deim, 27 so gjorde jødarne det til fast skikk og bruk
for seg og etterkomarane sine og for alle som gjekk
yver til deira tru, at dei skulde år etter år, ubrigdeleg,
høgtida desse tvo dagarne etter fyreskrifti um deim, og
på den fastsette tidi, 28 og at desse dagarne skulde
haldast i minne og høgtidast i alle aldrar og ætter og
jarledøme og byar, og at desse purim-dagar ikkje måtte
falla burt millom jødarne, og minnet um deim aldri
kverva hjå etterkomarane deira. 29 Dronning Ester
Abiha'ilsdotter og jøden Mordokai skreiv eit nytt brev
med fynd og klemb og gjorde til lov det som stod i dette
nye brevet um purim. 30 Og han sende brev til alle
jødar i dei hundrad og sju og tjuge jarleriki i kongeriket
åt Ahasveros, venlege og truhjarta ord 31 um å halda
ved lag desse purim-dagarne på den fastsette tidi,
soleis som jøden Mordokai og dronning Ester hadde
bode deim, og soleis som dei hadde stadfest det for
seg sjølve og etterkomarane sine, med fyresegner um

fasta og klagerop. **32** Påbodet frå Ester gjorde desse
purim-bodi til lov. Og dei vart uppskrive i ei bok.

**10** Kong Ahasveros lagde skatt på upplandet på
sjøbygderne. **2** Alt det han gjorde i si magt og
sitt velde, og ei greinleg melding um den høge rang
som kongen lyfte Mordokai upp til, det er uppskrive i
krønikeboki åt dei mediske og persiske kongarne. **3**
Jøden Mordokai var den som stod kong Ahasveros
næmest, og han var stor millom jødarne og kjær for
dei mange brørne sine; han søkte det som godt var for
folket sitt, og tala til bate for all si ætt.

# Jobs

**1** I landet Us budde det ein gong ein mann som
heitte Job. Det var ein ærleg og rettvis mann som
ottast Gud og heldt seg frå det som vondt var. **2** Han
fekk sju søner og tri døtter, **3** og han åtte sju tusund
sauer, tri tusund kamelar, fem hundrad par uksar og
fem hundrad asnor, og dertil ei stor mengd tenarar,
so han var den megtigaste av alle austerlendingarne.
**4** Sønerne hans hadde for skikk å halda gilde kvar
sin dag heime hjå seg; og dei sende bod og bad dei
tri systerne sine, at dei og skulde eta og drikka i lag
med deim. **5** Når so ein umgang med gjestebodsdagar
var til endes, sende Job bod etter deim og helga
deim tidleg um morgonen ofra han brennoffer, eitt for
kvar einskild av deim. For Job tenkte: «Kanskje hev
sønerne mine synda og banna Gud i hjarto sine.»
Soleis gjorde Job kvar gong. **6** Men so hende det ein
dag at gudssønerne kom og stelte seg fram for Herren;
og millom deim var og Satan. **7** Herren spurde Satan:
«Kvar kjem du ifrå?» «Eg hev fare og svive ikring på
jordi, » svara Satan. **8** Då spurde Herren Satan: «Hev
du gjeve ans på Job, tenaren min? For liken hans
finst ikkje på jordi, slik ein ærleg og rettvis mann som
han er, og so som han ottast Gud og held seg frå det
som vondt er.» **9** Men Satan svara Herren: «Skal tru
Job ottast Gud for ingen ting? **10** Du hev då verna
um honom og huset hans og alt han eig! Alt hans
yrke hev du signa, og buskaparne hans hev breider
seg ut i landet. **11** Men rett ut handi di og rør ved alt
det han eig - då skal han so visst banna deg upp i
andlitet!» **12** Då sagde Herren til Satan: «Alt det han
eig, er i di magt; men honom sjølv må du ikkje leggja
hand på.» So gjekk Satan burt frå Herren. **13** Ein dag
sønerne og døtterne hans heldt måltid og drakk vin i
huset hjå den eldste broren, **14** kom det ein til Job og
sagde: «Medan uksarne gjekk for plogen og asnorne
beitte ved sida av, **15** so kom sabæarane og tok deim
og hogg ned drengjerne med sverd; berre eg slapp
undan, so eg kunde melda det til deg.» **16** Medan
han tala, kom ein annan og sagde: «Guds eld slo
ned frå himmelen millom småfeet og hyrdingarne og
brende deim upp; berre eg slapp undan, so eg kunde
melda det til deg. **17** Medan han tala, kom den tridje og
sagde: «Kaldæarane kom i tri fylkingar og kasta seg
yver kamelarne og rana deim; sveinarne hogg dei ned
med sverd; berre eg slapp undan, so eg kunde melda
det til deg.» **18** Medan han tala, kom den fjorde og
sagde: Medan sønerne og døtterne dine åt og drakk
heime hjå den eldste broren; **19** so kom det ein sterk
storm burtanfrå øydemarki og tok fat i alle fire hyrno
på huset, so det seig i hop yver ungdomarne og slo
deim i hel; berre eg slapp undan, so eg kunde melda
det til deg.» **20** Då stod Job upp og reiv kappa si sund
og klypte håret av hovudet og kasta seg å gruve og
tilbad **21** og sagde: «Naken kom eg or moderliv; naken
fer eg attende. Herren gav, og Herren tok; Herrens
namn vere lova!» **22** Tråss i alt dette synda ikkje Job,
og klaga ikkje på Gud.

**2** So hende det ein dag, at gudssønerne kom og
stelte seg fram for Herren att, og Satan var millom
deim og stelte seg fram for Herren. **2** Og Herren spurde
Satan: «Kvar kjem du ifrå?» «Eg hev fare og svive
ikring på jordi, » svara Satan. **3** Då spurde Herren
honom: «Hev du gjeve ans på Job, tenaren min? For
liken hans finst ikkje på jordi, slik ein ærleg og rettvis
ein mann som han er, og so som han ottast Gud og
held seg frå det som vondt er. Han er endå like ærleg,
so du hev eggja meg upp til å tyna honom utan grunn.»
**4** Då sagde Satan til Herren: «Hud for hud; ein mann
gjev gjerne alt han eig når han berre bergar livet. **5**
Men rett ut handi di og rør ved beini og holdet hans
- han skal so visst banna deg upp i andlitet.» **6** Då
sagde Herren til Satan: «Han er i di magt; men spar
livet hans!» **7** So gjekk Satan burt frå Herren; og han
slo Job med vonde svullar frå hovud til hæl; **8** og han
tok seg eit skålbrot og skrapa seg med der han sat i
oskedungen. **9** Då sagde kona hans til honom: «Er du
endå ulasteleg? Banna Gud, so du kann få døy!» **10**
Men han svara henne: «Du talar som ei fåvis kvinna.
Me tek imot av Gud det gode, skal me'kje taka og det
vonde?» Tråss i alt dette synda ikkje Job med lipporne
sine. **11** Tri vener til Job fekk høyra um den ulukka
som hadde kome yver honom; dei kom kvar frå sin
heimstad, Elifaz frå Teman, Bildad frå Suah, og Sofar
frå Na'ama, og dei avtala seg imillom at dei skulde
ganga til honom for å syna honom samhug og trøysta
honom. **12** Men alt på langt fråstand såg dei at han var
heilt ukjenneleg; og dei sette i og gret og reiv sund
kapporne sine og kasta mold yver hovudi upp i lufti. **13**
Og dei sat hjå honom på jordi i sju dagar og sju næter;
og ingen av deim sagde eit ord til honom, for dei såg
at han pintest hardt.

**3** Då let Job upp munnen og banna fødedagen sin. **2**
Job tok til ords og sagde: **3** «Burt med den dag då
eg vart fødd, den natt som sa: «Ein svein er avla!» **4**
Må denne dag til myrker verta - burtgløymd av Gud
i høge himmel - og inkje ljos på honom skina! **5**
Lat svarte myrkret honom eiga og skyer seg kring
honom samla! Dagmyrkjingar skal honom skræma
**6** og myrkret gløypa denne natt! Burt med den natt
frå årsens dagar, ho kome ei i månads tal! **7** Ja,
aud og tom skal natti verta og ingen fagnad i ho

klinga; 8 Dagbannarar skal henne banna, dei som
kann mana upp Livjatan, 9 Og morgonstjernor skal'kje
skina; fåfengt ho venta skal på ljoset - augbrunerne av
morgonroden - 10 av di ho ei livsdøri stengde på mor
mi, so eg slapp for kval. 11 Kvi døydd' eg ei i moders
liv? Ell' slokna då eg rett var fødd? 12 Kvi fanst det kne
som mot meg tok; og brjost eg kunde suga ved? 13 So
låg eg still og kvilde no, eg sov og hadde ro og fred 14
hjå kongar og hjå fyrstar, som til gravstad pyramider
bygde, 15 hjå hovdingar som åtte gull og fyllte sine
hus med sylv; 16 ell' ufødd var eg ikkje til, lik born som
aldri ljoset såg. 17 Der rasar ei dei vonde meir; der
kviler dei som trøytte er; 18 og fangarne er trygge der;
dei høyrer ingen drivar meir. 19 Der stor og liten like
er, og trælen fri for herren sin. 20 Kvi gjev han ljos
til den som lid, og liv til deim som gremmer seg, 21
som fåfengt stundar etter dauden, og søkjer han som
løynde skatt, 22 som gled seg, ja, som jublar høgt, og
fegnast når dei finn ei grav - 23 til mannen som ei finn
sin veg, som Gud set fast og stengjer inne? 24 Min
sukk hev vorte daglegt brød, og klaga mi som vatnet
strøymar. 25 Meg råkar det eg ottast fyre; det som eg
ræddast, hender meg. 26 Snaudt fær eg fred, snaudt
fær eg ro, snaudt lindring - so kjem uro att.»

**4** Då tok Elifaz frå Teman til ords og sagde: 2 «Vert
du vel tykkjen um eg talar? Men kven kann halda
ordi inne? 3 På rette veg du førde mange; dei trøytte
hender styrkte du; 4 med ord du hjelpte deim som
snåva, og gav dei veike knei kraft. 5 Men når det gjeld
deg sjølv, du klagar; når deg det råkar, ræddast du!
6 Di von du på di gudstru bygde og sette lit til last-
laust liv. 7 Tenk etter: Når vart skuldlaus tynt? Når
gjekk rettvis mann til grunns? 8 Stødt fann eg: dei som
urett pløgde, og sådde naud, dei hausta slikt; 9 dei
stupte for Guds andedrag, gjekk for hans vreidestorm
til grunns. 10 Ja, løva skrik, og villdyr burar; ungløva
fær sin tanngard knekt; 11 og løva døyr av skort på
rov; løvinna misser sine ungar. 12 Ein løynleg tale
til meg kom; i øyra mitt det stilt vart kviskra, 13 som
tankar i eit nattsyn kjem, når svevnen tung på folki
kviler. 14 Det kom ei rædsla yver meg, ei skjelving
gjenom alle lemer; 15 ein gust meg yver panna strauk,
og på min kropp seg håri reiste; 16 og noko stogga for
mi åsyn; eg kunde ikkje klårt skilja; framfor mitt auga
stod eit bilæt', eg høyrde som ei røyst som kviskra: 17
«Hev menneskjet vel rett for Gud? Er mannen rein
framfor sin skapar? 18 Han sine tenarar ei trur og finn
hjå sine englar lyte - 19 enn meir hjå folk i hus av leir;
hjå deim som hev sin grunn i moldi, ein kann deim
krasa, som eit mol. 20 Dei er frå morgon og til kveld;
ein krasar deim - kven merkar det? - Og dei vert ikkje
funne meir. 21 Når deira tjeldsnor vert rykt upp, dei
døyr og ingen visdom fær.»

**5** Rop berre du; kven svarar deg? Kva engel vil
du beda til? 2 Mismod slær fåvis mann i hel og
brennhug den som lite veit. 3 Eg såg ein dåre festa
rot, og brått eg laut hans bustad banna. 4 Hans
søner hjelpelaus var, uhjelpte trakka ned i porten.
5 Hans avling åt dei svoltne upp, dei tok ho tråss i
klungergjerde, og snara lurde på hans gods. 6 Men
naudi ei frå dusti kjem; ulukka ei or jordi renn; 7 nei,
mannen vert til møda fødd, som gneistarne lyt fljuga
høgt. 8 Eg vilde venda meg til Gud og leggja saki fram
for honom, 9 som storverk gjer som ei me skynar,
fleir' underverk enn me kann telja, 10 som sender
regnet ned på jord og vatnet yver mark og eng, 11 som
lyfter låg og liten upp og hjelper syrgjande til frelsa, 12
som spiller planen for dei sløge, so deira hender inkje
duger, 13 som fangar vismann i hans vit, so listig råd
forrenner seg. 14 Um dagen støyter dei på myrker,
trivlar ved middag som ved natt. 15 Frå sverd frelser
han frelser fatigmann, frå deira munn, frå yvervald,
16 so vesalmann fær hava von, men vondskap lata
munnen att. 17 Men sæl den mann som Gud mun
refsa; vanvyrd ei tukt frå Allvalds-Gud! 18 Han sårar,
men bind og umkring; han slær men lækjer med si
hand. 19 Seks trengslor bergar han deg or, i sju skal
inkje vondt deg nå. 20 I hunger fri'r han deg frå dauden,
i krig du undan sverdet slepp; 21 for tungesvipa er du
berga, og trygg du er i tap og tjon; 22 du lær åt tjon og
hungersnaud og ottast ikkje ville dyr; 23 du samband
hev med stein på marki, og fred med villdyr uti heidi.
24 Du merkar at ditt tjeld hev fred, og inkje vantar i ditt
hus. 25 Du ser, ditt sæde tallrikt er, ditt avkom rikt som
gras på eng. 26 I mannskraft til di grav du gjeng, lik
korn, køyrt inn i rette tid. 27 Det hev me granska; so
det er; so høyr og merka deg det då!»

**6** Då tok Job til ords og svara: 2 «Um dei mitt mismod
vega vilde og få ulukka mi på vegti, 3 det tyngjer
meir enn havsens sand; difor var ordi mine ville. 4
For Allvalds pilar sit i meg, mi ånd lyt suga deira gift;
Guds rædslor reiser seg til åtak. 5 Skrik asnet vel i
grøne eng? Og rautar uksen ved sitt for? 6 Kven et det
smerne utan salt? Kven finn vel smak i eggjekvite? 7
Det byd meg mot å røra slikt, det er som min utskjemde
mat. 8 Å, fekk eg uppfyllt bøni mi! Gav Gud meg det
eg vonar på! 9 Ja, vild' han berre knusa meg, med
hand si min livstråd slita! 10 Då hadde endå eg mi
trøyst; trass pina skulde glad eg hoppa! - Den Heilage
sitt ord eg held på. 11 Kva er mi kraft, at eg skuld'
vona? Mi framtid, at eg skulde tola? 12 Er krafti mi som
steinen sterk? Er kanskje kroppen min av kopar? 13 Mi

hjelp hev heilt forlate meg; all kvart stydjepunkt er frå
meg teke. 14 Ein rådlaus treng av venen kjærleik, um
enn han ottast Allvald ei. 15 Som bekken brørne mine
sveik, lik bekkjefar som turkar ut. 16 Fyrst gruggast dei
av bråna is, og snø som blandar seg uti, 17 men minkar
so i sumarsoli, og kverv til slutt burt i sumarhiten. 18
Vegfarande vik av til deim, men kjem til øydemark
og døyr. 19 Kjøpmenn frå Tema skoda dit, flokkar frå
Saba vonar trygt; 20 men svikne vert dei i si von; dei
narra vert når dei kjem fram. 21 So hev de vorte reint
til inkjes, de rædsla såg, og rædde vart! 22 Hev eg då
bede dykk um noko? Bad eg dykk løysa meg med
gods? 23 og frelsa meg frå fiendvald og kjøpa meg
frå røvarar? 24 Gjev meg eit svar, so skal eg tegja;
seg meg kva eg hev synda med! 25 Eit rettvis ord er
lækjebot; men last frå dykk er inkje verdt. 26 Du lastar
meg for ordi mine; men vonlaus mann so mangt kann
segja. 27 De kastar lut um farlaust barn, og handel driv
um dykkar ven. 28 Vilde de berre sjå på meg! Trur de
eg lyg dykk upp i augo? 29 Vend um, lat ikkje urett
skje! Vend um, enn hev eg rett i dette. 30 Finst det vel
fals på tunga mi? Kann ei min gom ulukka smaka?

**7** Ja, mannen hev ein strid på jordi; hans dagar gjeng
som leigedagar. 2 Som trælen lengtar etter skugge,
og leigekar på løni ventar, 3 so fekk eg månader av
vonbrot og næter fulle utav møda. 4 Eg segjer når
eg gjeng til kvile: «Når skal eg atter standa upp?»
Og kvelden vert so lang, so lang: Eg ligg uroleg alt til
dagsprett. 5 Og makk og sår min likam dekkjer, og
hudi skorpnar og bryt upp att. 6 Mi tid fer snøggar' enn
ein skutel, og ho kverv utan nokor von. 7 Hugs på:
mitt liv er som ein pust; mitt auga ser'kje lukka meir. 8
Snart er eg løynd for alle augo; du fåfengt stirer etter
meg. 9 Som skyi framum fer og kverv, so ingen att
frå helheim vender, **(Sheol h7585)** 10 snur ei attende til
sitt hus; hans heimstad kjenner han'kje meir. 11 Difor
vil'kje munnen stagga, men tala i min djupe hugverk
og klaga i mi sjælenaud. 12 Er eg eit hav, er eg ein
drake, med di du vaktar so på meg? 13 Eg tenkjer:
«Lægjet skal meg lindra, og sengi letta suti mi» - 14
då skræmer du meg upp med draumar, og støkkjer
meg med ville syner, 15 so at eg heller ville kjøvast, ja
døy, enn vera slik ei beingrind. 16 D'er nok! Eg liver
ikkje æveleg; Haldt upp! Mitt liv er som ein pust. 17
Kva er ein mann, at du han vyrder og retter tanken din
på honom, 18 heimsøkjer honom kvar ein morgon,
ransakar honom kvar ei stund? 19 Når tek du frå meg
auga ditt? Meg slepper med eg svelgjar råken? 20 Hev
eg gjort synd, kva gjer eg deg, du som på mannen
vaktar stødt? Kvi hev du meg til skiva valt? So eg hev
vorte meg ei byrd? 21 Kvi gjev du ikkje syndi til? Kvi
ansar du på mine brot? No sig eg snart i moldi ned; og
leitar du, so er eg burte.»

**8** Då tok Bildad frå Suah til ords og sagde: 2 «Kor
lenge vil du tala so og lata ordi storma fram? 3
Kann Gud vel rengja det som rett er? Kann Allvalds-
Gud vel rengja rettferd? 4 Hev dine søner synda mot
han, gav han deim deira synd i vald. 5 Um du søkja
til din Gud, og beda Allvalds-Gud um nåde, 6 er du
då rein og utan svik, då vil han vakna upp for deg og
reisa nytt ditt rettferdshus, 7 Um og di fortid vesall var,
so mykje større vert di framtid. 8 Ja, spør deg for hjå
farne ætter, agt på kva federne fann ut. 9 - Me inkje
veit, er frå i går; vårt liv ein skugge er på jordi - 10 dei
skal deg læra, gjeva svar med ord ifrå sitt hjartedjup:
11 «Veks sevet vel på turre land? Trivst storren der
som vatnet vantar? 12 Enn stend det grønt, vert ikkje
skore, då visnar det fyrr anna gras.» 13 So gjeng det
deim som gløymer Gud; og voni glepp for gudlaus
mann. 14 Hans tillit sunderskori vert, hans tiltru vert til
kongurvev; 15 Det hus han styd seg til, det dett; det
som han triv til, stend'kje fast. 16 Han saftfull veks,
med soli skin; hans greiner yver hagen heng, 17 og
roti kring steinrøysar smett, og smyg seg inn imillom
steinar. 18 Men vert han riven frå sin stad, so hugsar
staden han ei meir. 19 Sjå det er gleda på hans veg; or
moldi skyt ein annan fram. 20 Men Gud vanvyrder ei
den reine; dei vonde tek han ei i handi. 21 Han enn din
munn med lått skal fylla og lipporne med gledesong;
22 men skammi klæda skal din fiend'; gudløysetjeld
finst ikkje meir.»

**9** Då tok Job til ords og sagde: 2 «Eg veit for visst
at det er so; kva rett fær mannen imot Gud? 3 Um
han med honom vilde trætta, han kann'kje svara eitt til
tusund. 4 Vis som han er og sterk i velde - kven kann
vel strafflaust tråssa honom, 5 som fjelli flyt, dei veit'kje
av det, og velter deim upp i harm, 6 som ruggar jordi
frå sin plass, so pilarne hennar skjelv, 7 som soli byd
so ho ei skin, og set eit segl for stjernorne, 8 som
eine spanar himmeln ut og fram på havsens toppar
skrid, 9 hev skapt Karlsvogni og Orion, Sjustjerna og
Sørkamri med? 10 Som storverk gjer, me ei kann fata,
og underverk forutan tal? 11 Han framum gjeng, eg ser
han ikkje; um burt han glid, eg går han ikkje. 12 Når
han tek fat, kven stoggar honom? Kven honom spør:
«Kva gjer du der?» 13 Gud stoggar ikkje vreiden sin;
for han seg bøygde Rahabs-fylgjet. 14 Kor kann vel eg
då svara han? Kor skal for han eg ordi leggja? 15 Um
eg hev rett, eg kann'kje svara, men lyt min domar be
um nåde. 16 Og um han svara når eg ropa, eg trudde
ei mi røyst han høyrde. 17 Han som i stormver reiv
meg burt og auka grunnlaust såri mine, 18 han let meg

ikkje anda fritt, men metta meg med beiske ting. 19 Når
magt det gjeld, då er han der; men gjeld det rett: kven
stemnar honom? 20 Um eg hev rett, min munn meg
dømer; er skuldlaus, han meg domfeller. 21 Skuldlaus
eg er! eg skyner ei meg sjølv, vanvyrder livet mitt. 22
Det er det same, no eg segjer: Han tyner skuldig og
uskuldig. 23 Når svipa brått gjev ulivssår, med lått han
ser den gode lida. 24 Han jordi gav i nidings hand; på
domarar han syni kverver. Er det'kje han, kven er det
då? 25 Mitt liv fer snøggare enn lauparen, dei kverv,
men lukka såg det aldri; 26 Det glid som båtar utav
sev, lik ørn som ned på fengdi slær. 27 Når eg mi
plåga gløyma vil og jamna panna mi og smila, 28 då
gruvar eg for pina mi; eg veit du ei frikjenner meg.
29 For når eg lyt straffskuldig vera, kvifor skal eg då
fåfengt træva? 30 Um eg i snø meg vilde tvætta og
reinsa henderne med lut. 31 Du ned i grefti straks meg
dukka, so mine klæde ved meg stygdest. 32 Han ikkje
er ein mann som eg, kann ei med meg til retten gå; 33
d'er ingen skilsmann millom oss som handi si kann på
oss leggja. 34 Når berre han tok riset frå meg og ikkje
skræmde meg med rædsla, 35 eg skulde tala utan
otte; sjølv dømer eg meg annarleis.

**10** Mi sjæl er leid av livet mitt, eg gjev mi klaga
lause taumar, vil tala i min såre hugverk. 2 Til
Gud eg segjer: «Døm meg ikkje; seg kvifor du imot
meg strider! 3 Finn du det godt å gjera vald, og øyda
upp ditt eige verk, men lysa yver gudlaust råd? 4 Er
auga ditt av kjøt og blod? Ser du som menneskje plar
sjå? 5 Er dine dagar mennesk-dagar? Er dine år lik
mannsens år? 6 Med di mitt brot du leitar upp, og
granskar etter syndi mi, 7 endå du veit eg er uskuldig,
og ingen bergar or di hand. 8 Di hand hev skapt og
dana meg fullt ut, og no vil du meg tyna? 9 Hugs på,
du forma meg som leir; no gjer du atter meg til mold!
10 Som mjølk du let meg renna ut og let meg stivna
liksom ost; 11 Du klædde meg med hud og kjøt, fleitta
bein og senar saman. 12 Du gav meg både liv og
miskunn, og verna um mitt andedrag. 13 Men dette
du i hjarta gøymde, eg veit det var i din tanke; 14
Du vakta på meg um eg synda; du gav meg ikkje til
mitt brot; 15 um eg var skuldig, usæl eg! Um skuldfri,
tord' eg ei meg briska, av skjemsla mett, med naud
for augom; 16 For då du jaga meg som løva og let
meg atter under sjå, 17 du førde nye vitne mot meg og
harmast endå meir på meg og sende mot meg her på
her. 18 Kvi drog du meg or morsliv fram? Kvi fekk eg
ikkje usedd døy, 19 lik ein som aldri til hev vore, og
vart i grav frå morsliv lagt? 20 Er ikkje mine dagar få?
Haldt upp! Slepp meg, so eg litt glad kann verta, 21
fyrr eg gjeng burt, og kjem'kje att, til myrkre land med
daudeskugge, 22 eit land so myrkt som svarte natti,
med daudeskugge og vanskipnad, der dagsljoset er
som myrke natt!»»

**11** Då tok Sofar frå Na'ama til ords og sagde: 2
«Skal slik ei svalling ei få svar? Skal slik ein
storpratar få rett? 3 Skal menner for din ordflaum
tegja? Skal du få spotta utan skjemsla? 4 Du segjer:
«Rein er læra mi, eg skuldfri er i dine augo.» 5 Men
dersom berre Gud vil tala og opna munnen sin mot
deg, 6 og syna deg sin løynde visdom, kor han eig vit
i dobbelt mål! Då skulde du nok skyna at Gud gjev
deg noko til av syndi. 7 Skal tru Guds tankedjup du
kjenner? Hev du nått fram til Allvalds grensa? 8 Høgar'
enn himmelen - kva gjer du? Djupar' enn helheimen -
kva veit du? **(Sheol h7585)** 9 Lenger enn jordi strekkjer
seg og breidare enn havet sjølv. 10 Når han skrid
fram og legg i lekkjor, stemnar til doms, kven stoggar
honom? 11 Han kjenner deim som talar lygn; han
ser den falske utan leiting. 12 Det tome hovud fær
forstand, og asenfolen vert til mann. 13 Men vil du
bu ditt hjarta rett og henderne mot honom breida 14
og halda svik frå handa di og urett burte frå ditt tjeld,
15 då kann du lyt'laust hovud lyfta, då stend du fast
og ræddast ikkje; 16 då kann du gløyma all di møda,
liksom ei elv som framum rann. 17 Klårar' enn dagen
stend ditt liv, og myrkret vert til morgongråe; 18 då er
du trygg, då hev du von, du ottelaus til kvile gjeng. 19
Du ligg, og ingen upp deg skræmer, og mange vil deg
gjerne tekkjast. 20 Men augo veiknar på dei vonde; dei
hev'kje nokor tilflugt meir, men ventar på å anda ut.»

**12** Då svara Job og sagde: 2 «Ja visst, de er dei
rette folk, og visdomen døyr ut med dykk. 3 Men
eg hev vit so vel som de; eg ei til atters stend for dykk;
kven kjenner ikkje dette fyrr? 4 Til spott for venen min
vert eg som bad til Gud og bønhøyrd vart. Til spott
vert rettvis mann og ærleg. 5 Vanvyrd ulukka! tenkjer
trygg mann, vanvyrdnad ventar deim som vinglar. 6
Valdsmenn bur roleg i sitt tjeld; trygge er dei som tergar
Gud, dei som hev Gud i neven sin. 7 Spør bølingen,
han skal deg læra, og fugl i luft, han segja skal, 8
og tal til jordi, ho skal læra, og fisk i hav, skal melda
deg: 9 Kven skynar ei på alt i hop, at Herrens hand
hev skapa det? 10 Kvar livand' sjæl han hev i handi
og åndi åt kvart menneskje. 11 Vert ordi ei med øyra
prøvde, som du med gomen maten smakar? 12 Hjå
folk med gråe hår er visdom, og vit hjå deim som liver
lenge. 13 Hjå honom visdom er og kraft, hjå honom
råd og dømekraft. 14 Når han riv ned, kven byggjer
upp? Når han set fast, kven løyser ut? 15 Han stengjer
vatnet, turkar det, slepper det, so det jordi øyder. 16
Hjå honom kraft og klokskap er; han eig båd' vegvill
og vill-leidar; 17 rådsherrar fører han som fangar, og

domarar han gjer til dårar. 18 Han løyser konge-styring
upp, legg reip kring livet på deim sjølve. 19 Han fører
prestar plundra burt og øyder ut eld'-gamle ætter. 20
Han mælet tek frå øvde talar og vitet frå dei gamle
menn, 21 og yver stormenn skam han øys og løyser
beltet på dei sterke. 22 Han myrkret driv or holor ut og
fører dimma fram i dagen. 23 Han aukar folk og tynar
deim; han spreider folk og fører deim; 24 Han vitet tek
frå jordheimsfyrstar og let veglaus heid deim vildra;
25 dei sviv i myrkret utan ljos, han let dei raga liksom
drukne.

**13** Ja, allting hev mitt auga set og øyra høyrde og
forstod; 2 alt det de veit, det veit eg og; for dykk
eg ei tilbake stend. 3 Men eg til Allvalds Gud vil tala,
med Gud eg vil til retten ganga; 4 Men de vil dekkja til
med lygn, er berre ugagnslækjarar. 5 Å, gjev de vilde
tegja still, so kunde det for visdom gjelda. 6 Høyr på
den skrapa eg vil gjeva, merk når mi lippa åtak gjer! 7
Vil de forsvara Gud med lygn? Vil de hans sak med
urett verja? 8 Vil de for honom gjera mismun, og spela
Guds sakførarar? 9 Gjeng det dykk vel, når han dykk
prøver? Kann de han narra som eit mennesk'? 10 Han
skal so visst dykk straffa strengt, um de slik mismunn
gjer i løynd. 11 Med høgdi si han skræmar dykk, hans
rædsla yver dykk skal falla. 12 Og dykkar kraft-ord
vert til oska, og dykkar prov til blaute leir. 13 Teg stilt,
lat meg tala ut, so fær det gå meg som det kann! 14
Kvi skuld' eg ta mitt kjøt i tenner? Og halda livet mitt i
handi? 15 Han drep meg, ei eg ventar anna, mi ferd
for han lik'vel eg hævdar. 16 Men ogso det skal hjelpa
meg; hjå han fær ingen urein møta. 17 So høyr då det
eg segja vil; lat meg for dykkar øyro tala! 18 Eg saki
hev til rettes lagt; eg skal få rett, det veit eg visst. 19
Kven er det som med meg kann strida? Eg skulde
tegja stilt og døy. 20 Tvo ting må du spara meg for; då
løyner eg meg ikkje for deg: 21 Di hand lyt burt frå meg
du taka, lat ei di rædsla skræma meg! 22 Stemn meg
so inn! eg stend til svars; eller eg talar og du svarar.
23 Kor mange brot og synder hev eg? Seg meg mi
misgjerd og mi synd! 24 Kvifor vil du di åsyn løyna
og for ein fiend' halda meg? 25 Vil eit burtblåse blad
du skræma? Forfylgja du eit visna strå? - 26 Når du
idømer meg slik straff og let meg erva ungdoms synder
27 og legg i stokken mine føter, og vaktar alle mine
vegar, slær krins um mine foteblad. 28 Og det mot ein
som morkna er, lik klædeplagg som mol et upp.

**14** Sjå - menneskjet, av kvinna født, det liver stutt,
av uro mett. 2 Som blom det sprett og visnar
burt, ja, lik ein skugge burt det fer. 3 Men du med
honom auga held, og meg du dreg for domen din. 4
Skal tru det av ein urein kjem ein som er rein? Nei,
ikkje ein! 5 Når dagetalet hans er sett, hans månads-
tal sett fast hjå deg, når du for han ei grensa drog som
ei han yverskrida kann, 6 so snu deg frå, lat han få
fred og ha sin dag som leigekaren! 7 For treet er det
endå von; um det vert det hogge, sprett det att, på
renningar det vantar ikkje. 8 Når røterne i jordi eldest,
og stomnen døyr i turre mold, 9 ved dåm av vatnet
skyt det knupp, fær som ein stikling grøne greiner. 10
Men døyr ein mann, då ligg han der; han andast, og
kvar er han då? 11 Som vatnet renn ut or ein sjø, som
elvi minkar, turkast ut, 12 so ligg ein mann, ris ikkje
upp; til himmeln kverv, dei vaknar ikkje; ein kann'kje
vekkja deim or svevnen. 13 Å, gjev du gøymde meg
i helheim, løynde meg, til din vreide gav seg, gav
meg ein frest, og so meg hugsa! **(Sheol h7585)** 14 Tru
mannen døyr og livnar att? I all min strid eg skulde
vona og venta til avløysing kom. 15 Eg skulde svara,
når du ropa og lengta mot dine eige verk. 16 Men no
du tel kvart stig eg tek og agtar vel på syndi mi; 17 mi
synd er læst i pungen inn, og på mi skuld du gøymer
vel! 18 Som fjellet fell og smuldrast burt, og berget
frå sin stad vert flutt, 19 Som vatnet holar steinen ut,
og flaumen skolar moldi burt, so tek du ifrå mannen
voni 20 og tyngjer honom ned for alltid. Han fer av
stad; med åsyn rengd du sender honom burt frå deg.
21 Han veit'kje um hans born vert heidra; han merkar
ikkje um dei armast; 22 Hans eigen kropp hans liding
valdar, og sjæli græt for eigi sorg.»

**15** Då tok Elifaz frå Teman til ords og sagde: 2
«Kjem svar i vind og ver frå vismann? Fyller han
barmen sin med storm? 3 Vil han med ugangstale
lasta? Med ord som nyttelause er? 4 Otten for Gud
den bryt du ned og skjeplar andakt for Guds åsyn. 5
For syndi styrer munnen din; du talar som dei falske
talar. 6 Din munn deg dømer, ikkje eg; og dine lippor
vitnar mot deg. 7 Vart fyrst av menneskje du fødd? Vert
fyre haugarne du avla? 8 Var du i Guds rådleggjing
med? Og fekk du visdom til deg rana? 9 Kva veit du
som me ikkje veit? Kva skynar du som me ei kjenner?
10 Gråhærd og gamling er hjå oss; han eldre er enn
jamvel far din. 11 Er trøyst frå Gud det altfor ring?
Vanvyrder du eit rolegt ord? 12 Kvi let du hugen eggja
deg? Kvi let du auga rulla vilt? 13 For imot Gud din
harm du snur og let or munnen ordi strøyma. 14 Kor
kann vel mannen vera rein? Og kvinnefødde hava rett?
15 På sine heilage han lit ei; for honom er'kje himmeln
rein, 16 langt mindre då ein styggeting, ein mann som
urett drikk som med vatn. 17 Eg vil deg læra; høyr
på meg! Det som eg såg, vil eg deg melda, 18 det
som vismenner segja kann, og ei hev dult frå sine
feder, 19 dei som åleine landet åtte, og ingen framand
kom bland deim. 20 Den vonde stødt i uro liver, for

valdsmann gøymt er fåe år. **21** I øyro rædsletonar
ljomar; fyrr han veit av, kjem tynaren. **22** Han trur'kje
han kann fly frå myrkret; han venta lyt det kvasse
sverd. **23** Han leitar etter brød: Kvar er det? Han veit,
ein myrk dag er for hand. **24** Naud, trengsla skræmer,
tyngjer honom, liksom ein konge budd til strid. **25** For
imot Gud han lyfte handi og våga tråssa Allvalds-Gud,
**26** han storma fram med nakken lyft, med vern utav
skjold-ryggjer sterke; **27** han dekte andlitet med feitt og
gjorde sine lender feite. **28** Han budde i bannstøytte
byar, i hus som ingen burde bu i, men til grushaugar
etla var. **29** Han vart'kje rik, hans gods kverv burt, hans
grøda luter ei mot jordi. **30** Han kann'kje koma undan
myrkret. Hans greiner turkast burt i hiten, og han kjem
burt ved hans munns ande. **31** Trur han på fåfengd,
vert han narra, og berre fåfengd haustar han. **32** Fyrr
dagen kjem, då vert det uppfyllt, hans palmegreiner
grønkar ikkje. **33** Lik vinstokk misser han si druva,
spiller sin blom som oljetreet. **34** Ein syndarflokk set
ingi frukt, og elden øyder mute- tjeldi. **35** Dei avlar
møda, føder tjon, og svik i fanget sitt dei nører.»

**16** Då svara Job og sagde: **2** «Eg hev høyrt nok av
dette slag; d'er brysam trøyst de alle gjev. **3** Vert
det'kje slutt på tome ord? Kva er det som til svar deg
driv? **4** Eg skulde tala liksom de, i fall de var i staden
min; eg sette ord i hop mot dykk, eg riste hovudet mot
dykk; **5** eg skulde trøysta dykk med munnen og lindra
dykk med lippemedynk. **6** Men tale lindrar ei min verk,
og ikkje kverv han um eg tegjer. **7** Men no hev han
meg trøytta ut, du hev øydt ut min heile huslyd. **8** Du
klemde meg, til vitne vart det, mi liding reiste seg imot
meg og vitna mot meg beint i syni. **9** Hans vreide reiv
og elte meg; han gnistra tennerne imot meg; fiendar
kveste augo på meg **10** og opna munnen sin imot meg
og slo mi kinn med skjemdarslag og stima saman imot
meg. **11** Til farkar Gud meg yverlet og kastar meg
i brotsmenns vald. **12** Midt i min fred han skræmde
meg, treiv meg i nakken, krasa meg, til skiva sette han
meg upp. **13** Hans pilar svirrar kringum meg; bønlaust
han kløyver mine nyro, mitt gall han tømer ut på jordi.
**14** Han bryt meg sund med brot på brot og stormar mot
meg som ei kjempa. **15** Sekk hev eg sytt um hudi mi
og stukke hornet mitt i moldi. **16** Raudt er mitt andlit
utav gråt, og myrkret tyngjer augneloki, **17** endå mi
hand er rein for vald, og bøni mi er fri for svik. **18** Løyn
ikkje blodet mitt, du jord! Legg ikkje klaga mi til kvile!
**19** Alt no mitt vitne er i himmeln, min målsmann i det
høge bur. **20** Når mine vener spottar meg; til Gud eg
tårut auga vender. **21** Han døme millom Gud og mann
og millom mannen og hans ven. **22** Og ikkje mange år
det vert fyrr eg gjeng burt og kjem'kje att.

**17** Mi ånd er knekt, mitt liv er sløkt, no hev eg berre
gravi att. **2** Eg hæding finn på kvar ein kant,
ved deira tråss lyt auga dvelja. **3** Å, set eit pant for
meg hjå deg! Kven elles skal meg handslag gjeva? **4**
Du stengde deira sjæl for skyn; difor vil du ikkje lyfta
deim. **5** Den som gjev vener burt til plundring, hans
søner sloknar augo på. **6** Eg er for folk til ordtak sett,
som ein dei sputtar beint i syni. **7** Mitt auga sjukt av
sorger er, og mine lemer er ein skugge. **8** Dei rettvise
støkk yver slikt, og skuldfri harmast på ugudleg. **9** Men
rettvis mann sin veg gjeng fram, og magti veks hjå
reinhendt mann. **10** Men de - kom berre alle att! Eg
ingen vismann finn hjå dykk. **11** Og mine dagar dei
kvarv burt; og mine planar slitna sund, dei som mitt
hjarta emna på. **12** Men dei gjer natti um til dag, som
ljos var næmare enn myrkrer. **13** Eit hus i helheim er
mi von, i myrkret reider eg mi seng. **(Sheol h7585)** **14** Til
gravi ropar eg: «Min far!» til makken: «Mor mi! Syster
mi!» **15** Kvar vert det då av voni mi? Mi von, kven
augnar henne då? **16** Til helheims bommar fer ho ned,
når eg til kvile gjeng i moldi.» **(Sheol h7585)**

**18** Då tok Bildad frå Suah til ords og sagde: **2** «Kor
lenge driv de jagt på ord? Gjev gaum, lat oss so
talast ved! **3** Kvi skal me reknast liksom fe, som ureine
i dykkar augo? **4** Å, du som riv deg sund i sinne, skal
jordi øydast for di skuld? Skal fjellet flytjast frå sin stad?
**5** Men sløkt vert ljoset for den vonde, og hans åre-
eld skal ikkje skina. **6** I tjeldet hans vert ljoset myrkt,
og lampa sloknar yver han. **7** Hans sterke stig vert
snævra inn; han snåvar yver sine planar. **8** Hans fot
vert fløkt i garnet inn, og upp i netet ferdast han; **9** og
snara triv um hælen hans, og gildra tek på honom fat.
**10** I jordi løynde gildror lurer, og fellor ventar på hans
veg. **11** Og rædslor trugar rundt ikring og skræmer han
for kvart eit stig. **12** Ulukka hungrar etter han, og vondt
vil føra han til fall, **13** vil eta kvar ein led og lem, ja, det
vil daudens eldste son. **14** Hans trygd er rivi frå hans
tjeld; du sender han til rædsle-kongen. **15** I huset hans
bur framande, det vert strått svåvel på hans bustad. **16**
Hans rot i grunnen turkar ut; den høge kruna visnar
burt. **17** Hans minne kverv frå jordi burt, og namnlaus
vert han vidt og breidt. **18** Frå ljos til myrker driv dei
honom og jagar han frå landi burt. **19** Han barnlaus
vert i eige folk; i heimen hans slepp ingen undan. **20**
Og vestmenn støkk for dagen hans, og austmenn vert
av rædsla slegne. **21** Just soleis gjeng det nidings hus,
den heim der ingen kjenner Gud.»

**19** Då svara Job og sagde: **2** «Kor lenge vil mi sjel
de harma og krasa meg med dykkar ord? **3** Ti
gonger hev de no meg spotta; de skjemmest ei å
krenkja meg. **4** Hev eg i røyndi mistak gjort, dei mistak

er mi eigi sak. **5** Vil de dykk briska imot meg, som
um eg lid mi skam med rette? **6** Hugs på at Gud hev
bøygt meg ned og spana kringum meg sitt garn. **7** Eg
ropar: «Vald!» - men eg fær'kje svar; eg ropar: «Hjelp!»
men fær'kje rett. **8** Han stengjer vegen for min fot, og
myrker legg han på min stig. **9** Min heidersklædnad
drog han av; han frå mitt hovud kransen tok. **10** Mi
vern han braut, so eg gjekk under, mi von sleit han lik
treet upp. **11** Hans vreide logar meg imot, og for ein
fiend' held han meg. **12** Hans skarar stemner fram mot
meg; dei brøyter seg ein veg mot meg og lægrar seg
kring tjeldet mitt. **13** Han dreiv ifrå meg mine frendar,
og kjenningar vart framande. **14** Skyldfolki held seg
burte frå meg, husvenerne hev gløymt meg burt. **15**
For hjon og tenar er eg framand; dei held meg for ein
ukjend mann. **16** Ei svarar drengen på mitt rop. Eg
må med munnen tigga honom; **17** min ande byd imot
for kona, eg tevjar ilt for mine sambrør. **18** Jamvel
smågutar spottar meg, når eg stend upp, dei talar mot
meg. **19** Dei styggjest for meg mine vener, og dei eg
elska, snur seg mot meg. **20** Min kropp er berre skin og
bein, snaudt hev eg endå tannkjøt att. **21** Hav medynk,
medynk, mine vener! Gud hev meg råka med si hand.
**22** Kvifor skal de som Gud meg jaga, og vert ei mette
av mitt kjøt? **23** Å, gjev at mine ord vart skrivne, og i ei
bok vart rita inn, **24** ja, vart med jarnmeitel og bly for
ævleg tid i berget hogne! **25** Eg veit at min utløysar
liver, til sist han yver moldi kjem. **26** Og når mi hud er
øydelagd, ut frå mitt kjøt då ser eg Gud, **27** eg honom
ser som venen min, mitt auga ser det, ingen framand!
Å, nyro lengtar i mitt liv! **28** De segjer: «Me vil jaga
honom!» - som um orsaki låg hjå meg! **29** Men de
lyt agta dykk for sverdet; for vreide vert ved sverdet
straffa. Og de skal vita: domen kjem.»

**20** Då tok Sofar frå Na'ama til ords og sagde: **2**
«Difor gjev mine tankar svar, og difor stormar
det i meg. **3** Ei skamleg skrapa fær eg høyra, men
kloke svar mi ånd gjev meg. **4** Veit du'kje at frå ævords
tid, frå mannen fyrst på jord vart sett, **5** ugudlege
hev stokkut jubel, vanheilage stuttvarug gleda? **6** Når
modet hans til himmels stig, når hovudet mot sky han
lyfter, **7** han evig gjeng til grunns som skarnet; «Kvar
er han?» spør dei, honom såg. **8** Lik draumen glid han
burt og kverv, vert jaga som ei nattesyn. **9** Han burte
er for alle augo, hans stad veit ikkje til han meir. **10**
Hans born lyt hjelpa fatigfolk; hans hender gjev hans
gods attende. **11** Hans bein var full' av ungdomskraft;
men den i moldi ligg med honom. **12** Er i hans munn
det vonde søtt, vil han det under tunga gøyma, **13**
sparer han det og slepper ikkje, held han det under
gomen fast, **14** so vert i kroppen maten hans til orme-
eiter i hans buk. **15** Det gods han gløypte, spyr han ut;
Gud driv det ut or magen hans. **16** Han orme-eiter
i seg saug, og ødle-tunga honom drep. **17** Han fær
visst ikkje skoda bekkjer, ei heller flaum av mjølk og
honning. **18** Han rikdom vinn, men nyt han ikkje; han
samlar gods, men vert'kje glad. **19** Han krasa småfolk,
let deim liggja, han rana hus som han ei byggjer. **20**
Han kjende ikkje ro inni seg, men med sin skatt han
slepp'kje undan. **21** Hans hækna sparer ingen ting;
og difor kverv hans lukka burt. **22** I all si ovnøgd lid
han naud; kvar armings-hand kjem yver honom. **23**
Og til å fylla buken hans han sender vreiden yver
honom, let maten sin på honom regna. **24** Og um han
frå jarnvåpen flyr, han såra vert frå koparbogen; **25** ut
gjenom ryggen pili kjem, den blanke odd ut or hans
gall, og dauderædslor fell på honom. **26** Alt myrker
gøymt er åt hans skattar, ja, ukveikt eld et honom upp,
og øyder all hans eigedom. **27** Himmelen ter hans
brotsverk fram, og jordi reiser seg imot han. **28** Hans
heime-forråd fer sin veg, renn burt på vreidedagen
hans. **29** Slikt etlar Gud til gudlaus mann; det lovar
Gud til arv åt honom.»

**21** Då svara Job og sagde: **2** «Å høyr då, høyr på
mine ord! Gjev i minsto det til trøyst! **3** Lat meg få
lov å tala ut, so kann du spotta etterpå. **4** Klagar eg vel
på menneskje? Og hev eg ikkje grunn til harm? **5** Vend
dykk til meg, og ottast so; legg handi so på dykkar
munn. **6** Eg støkk, når eg det kjem i hug; ei bivring
gjenom kroppen gjeng. **7** Kvifor fær dei gudlause liva,
auka i magt som åri gjeng? **8** Dei ser si ætt stå fast
ikring deim, dei hev sitt avkjøme for augo. **9** I fred
stend husi deira trygge, Guds svipa råkar ikkje deim;
**10** med heppa parast deira fe, og kyrne kastar aldri
kalv. **11** Dei slepper borni ut som lamb, og gutarne i
leiken hoppar; **12** Dei syng til trumma og til cither og
frygdar seg ved fløyteljod. **13** I lukka liver dei si tid og
fer so brått til helheim ned. **(Sheol h7585)** **14** Til Gud
dei segjer: «Haldt deg burte!» Me vil'kje kjenna dine
vegar! **15** Kvi skal me tena den Allsterke? Kva gagnar
det å be til honom?» **16** «Dei hev'kje lukka si i handi» -
Langt burt frå meg med gudlaus råd! **17** Når sloknar
lampa for gudlause? Når kjem ulukka yver deim? Gjev
han deim straff i vreidesmod? **18** Fer dei vel burt som
strå for vind, lik agner som i stormen fyk? **19** «Gud
gøymer straffi til hans born.» Nei, sjølv skal mannen
straffi kjenna! **20** Lat han få sjå sitt eige fall og drikka
harm frå den Allsterke! **21** Kva bryr han seg vel um sitt
hus, når månadstalet hans er fullt? **22** Vil nokon hjelpa
Gud til kunnskap, han som er domar for dei høgste?
**23** Den eine døyr på velmagts høgd, fullkomleg trygg
og fredeleg; **24** hans fat er fulle utav mjølk, og i hans
bein er mergen frisk; **25** den andre døyr so beisk i
hug, hev ingenting av lukka smaka. **26** Dei båe vert i

moldi lagde, og deira klednad makkar er. 27 Sjå kor
eg kjennar dykkar tankar, og dykkar meinkrokar mot
meg. 28 De spør: «Kvar er vel stormannshuset? Kvar
er det tjeld der gudlause bur?» 29 Hev de'kje høyrt av
ferdafolk - de trur vel det som dei fortel -: 30 «Den
vonde frå ulukka slepp; han berga vert på vreidedagen.
31 Kven lastar honom for hans ferd? Og straffar honom
for hans gjerd? 32 Han vert til gravi båren burt, og ved
hans gravhaug held dei vakt. 33 Søtt søv han under
torv i dal, og i hans far all verdi fer, som tallause gjekk
fyre honom. 34 Det trøystar meg med tome ord; av
dykkar svar er sviket att.»

**22** Då tok Elifaz frå Teman til ords og sagde: 2
«Er mannen vel til gagn for Gud? Nei, vitug
mann seg sjølv mun gagna. 3 Hev Allvald bate av di
rettferd? Er det hans vinst, at rett du ferdast? 4 Er
det din gudlegdom han refser, når han med deg held
rettargang? 5 Hev ei din vondskap vore stor og dine
syndar utan ende? 6 Grunnlaust du panta dine brøder;
halvnakne drog du klædi av; 7 den trøytte gav du ikkje
vatn, den svoltne negta du ditt brød. 8 Det er den
sterke som eig landet, den stolte hev si bustad der. 9
Du jaga enkjor burt tomhendt' burt, slo armen av på
faderlause. 10 Difor ligg snaror kringum deg, og rædsla
skræmer deg so brått. 11 Ell' vert du ikkje myrkret var,
den flaum som fossar yver deg? 12 Bur ikkje Gud i
himmelhøgd, sjå øvste stjernor, høgt dei sit! 13 Du
segjer so: «Kva veit vel Gud? Kann attum skyerne han
døma? 14 For skyer dimmer augo hans; han hev sin
gang på himmelkvelven.» 15 Seg, vil du fylgja fortids-
vegen, den stig som illverksmenner gjekk? 16 Dei som
i utid tekne vart - og deira grunn flaut burt i flaum - 17
som sagde til Gud: «Haldt du deg burte!» Kva skulde
Allvald vel deim gjera? 18 Endå han signa deira hus -
langt burt frå meg med gudlaus råd! 19 Rettvise folk
det såg med gleda, og den skuldlause spotta deim:
20 «Fiendarn' våre gjekk til grunns! Sjå elden øydde
det dei leivde!» 21 Vert ven med honom, og få fred!
So skal og lukka timast deg. 22 Og tak so lærdom
av hans munn, og legg deg ordi hans på hjarta! 23
Vend um til Allvald, då du byggjest og jagar syndi
frå ditt tjeld. 24 Kast gullet ditt i moldi ned - Ofir-gull
millom bekkjesteinar. 25 Allvald skal vera då ditt gull
og haugar utav sylv for deg. 26 Då skal du frygda deg i
Allvald, di åsyn lyfta upp til Gud. 27 Og når du ropar,
vil han høyra, so du kann halda det du lovar. 28 Det du
deg etlar, skal du vinna, og ljos skal skina på din veg.
29 Gjeng vegen ned, du ropar: «Upp!» Han hjelpar
den bljug-øygde mann. 30 Ja, ikkje-skuldfri mann han
bergar, frelst vert han ved di reine hand.»

**23** Då svara Job og sagde: 2 «Endå gjeld klaga
mi for tråss, tungt legg eg handi på min sukk. 3
Berre eg kunde finna honom og koma til hans bustad
fram! 4 Då la eg fram for han mi sak og fyllte munnen
min med prov. 5 Då høyrde eg kva svar han gav, og
merka det han sa til meg. 6 Vilde med magt han mot
meg standa? Nei, lyda på meg vilde han. 7 Ein skuldfri
stod då for han fram; for alltid slapp eg domar min.
8 Gjeng eg i aust, han er'kje der; mot vest, eg vert
han ikkje var; 9 i nord han verkar, ei eg ser han, han
snur mot sud, eg ser han ikkje. 10 For all den veg eg
fer han kjenner; prøvde han meg, eg var som gull.
11 Min fot hev fylgt i faret hans; hans veg eg gjeng
ubrigdeleg, 12 veik ei frå det hans lippa baud, meir enn
mi lov eg lydde hans. 13 Men ein er han, kven hindrar
honom? Det han hev hug til, gjer han og. 14 Han um
min lagnad avgjerd tek, og hev med meg so mangt i
emning. 15 Eg difor ræddast for hans åsyn, når eg det
minnest, skjelv eg for han. 16 Ja, Gud hev brote ned
mitt mod, og Allvald hev gjort meg fælen, 17 ei er det
myrkret som meg tyner, og ei mi eigi myrke åsyn.

**24** Kvi hev'kje Allvald tider set? Kvi ser hans vener
ei hans dagar? 2 Dei fører deildesteinar burt,
stel fe og sender det på beite, 3 tek asnet frå den
faderlause; tek kui enkja eig i pant. 4 Driv fatigfolk
frå vegen burt; alt landsens småfolk kryp i skjol; 5
Lik ville asen fer dei ut til øydemarki med sitt stræv;
og veidefang på ville heid er maten borni deira fær.
6 Dei haustar mark ved nattetid, og gudlaus manns
vinhage plundrar. 7 Um natti nakne, utan klæde, dei
hev for kulden inkje dekkje. 8 Dei våte vert av regn
på fjell, held seg i bergufs utan livd, 9 Ein farlaus
lyt frå moderbarm ein armings klæde gjeng i pant.
10 Dei nakne gjeng og klædelause, i hunger dei på
kornband dreg. 11 Dei kreistar olje innum murar, dei
persar vin og tyrster lel. 12 Frå byen høyrest styn av
menner, og gjenomstungne skrik um hjelp, men Gud
ser ei slik meningsløysa. 13 Det finst og fiendar åt
ljoset; dei kjenner ikkje ljossens vegar og held seg ei
på ljossens stigar. 14 Ved dagsprett mordaren stend
upp, slær arm og fatig mann i hel, um natti er han so
som tjuven. 15 Horkaren spæjar etter skyming; han
tenkjer: «Inkje auga ser meg.» Sitt andlit gøymer han
med maska. 16 I myrkret bryt dei inn i hus, dei som
ved dag seg inne stengjer dei seg inne; av ljoset vil
dei ikkje vita. 17 Myrk natt er morgon for deim alle;
for natteskræmslorne dei kjenner. 18 Snøgt fer han
yver vatnet burt, bannstøytt vert jordi hans i landet; til
vinberg gjeng han ikkje meir. 19 Som snøvatn kverv for
turk og hite, so gløyper helheim deim som synda. **(Sheol h7585)** 20 Av moderlivet gløymd han er, og makkar
mettar seg på honom; det ingen er som minnest han;

so brotsverk brest liksom eit tre. 21 Han plundra ho
som ikkje fødde, som ufør var til barne-eign; mot enkja
gjorde han'kje vel. 22 Men han styd valdsmann med
si kraft, og dei fær atter standa upp som hadde mist
all von um livet. 23 Han styd deim so dei liver trygt,
hans augo vaktar deira vegar. 24 Høgt stig dei, brått -
dei er'kje meir - dei sig og døyr som alle andre, vert
skorne av som aks på strå. 25 Er det'kje so? Kven
legg imot? Kven gjer no mine ord um inkje?»

**25** Då tok Bildad frå Suah til ords og sagde: 2
«Hjå honom magt og rædsla finst; han i sin
himmel freden skaper. 3 Kven veit talet på hans herar?
Kven yverstrålar ei hans ljos? 4 Kor kann ein mann
ha rett mot Gud? Er vel ein kvinnefødd uskuldig? 5
Sjå, månen er'kje klår ein gong, og stjernon' er'kje
reine for han. 6 Enn mannen då, den vesle krypen?
Menneskjebarnet, denne makk?»

**26** Då svara Job og sagde: 2 Kvar helst hev du den
veike hjelpt? Når studde du den trøytte arm? 3
Kvar gav du uklok mann ei råd? Kor ovleg visdom hev
du synt? 4 Kven hev du bore melding til? Kva ånd
hev tala gjenom deg? 5 Skuggarne i angest skjelva,
vatsdjup og dei som deri bur. 6 Helheimen open ligg
for honom, avgrunnen utan noko dekkje. **(Sheol h7585)** 7
Nordheimen han i audni spana, og hengde jordi yver
inkje. 8 Han vatnet inn i skyer bind; og skyi brest ei
under det. 9 Kongsstolen sin han gøymer burt og
breider skyer yver honom. 10 Kring vatni han ei grensa
set, der som ljos og myrker byta skal. 11 Stolparne
under himmelen skjelv, og rædde vert dei for hans
trugsmål. 12 Han rører havet upp med velde, og med
sit vit han krasar ubeist. 13 Og himmelen klårnar ved
hans ande; hans hand den snøgge ormen drap. 14 Sjå
her utkanten av hans veg; det berre kviskring er me
høyrer. Kven skynar, når hans allmagt torar?

**27** Job heldt fram med talen sin og sagde: 2 «So
sant Gud liver, som meg sveik, og Allvalds som
meg volde sorg 3 - for endå eg min ande dreg; i nosi
mi er guddomspust -: 4 Urett ligg ei på mine lippor; mi
tunga talar ikkje svik. 5 D'er langt frå meg å gje' dykk
rett, mi uskyld held eg fast til dauden. 6 Mi rettferd held
eg fast uskjepla, eg ingen dag treng skjemmast ved.
7 Min fiend' skal seg syna gudlaus, min motstandar
som urettferdig. 8 Kva von hev en gudlaus att, når
Gud vil sjæli or han draga? 9 Vil Gud vel høyra skriket
hans, når trengsla bryt innyver honom? 10 Kann han i
Allvald vel seg gleda? Kann han kvar tid påkalla Gud?
11 Eg um Guds hand vil læra dykk; kva Allvald vil, det
dyl eg ikkje. 12 Sjå dette hev det alle set; kvi talar de
då tome ord? 13 Den lut fær gudlause av Gud, den
arven valdsmann fær av Allvald. 14 Til sverdet veks
hans søner upp; hans avkom mettast ei med brød;
15 dei siste legst i grav ved pest, og enkjorne held
ingi klaga. 16 Og um han dyngjer sylv som dust og
samlar klæde liksom leir: 17 Den rettvise tek klædi på;
skuldlause skifter sylvet hans. 18 Han byggjer huset
sitt som molen, likt hytta vaktmannen set upp. 19 Rik
legg han seg - men aldri meir; han opnar augo - og
er burte. 20 Som vatsflaum rædsla honom tek, ved
natt riv stormen honom burt. 21 Han driv av stad for
austanvind, som blæs han frå hans heimstad burt. 22
Han utan miskunn på han skyt; frå handi hans han
røma må. 23 Med hender klappar dei åt han og pip
han frå hans heimstad burt.

**28** Sylv hev sin stad, der dei det finn, og gullet, som
dei reinsa vinn, 2 og jarn fram or jordi fær, og
kopar ut or steinen bræ'r; 3 På natteskuggen gjer dei
slutt og myrkheims steinar granskar ut. 4 Djupt under
by med annsamt liv i gruvor bergmenn kliv og sviv.
5 På jordi brødkorn fram dei driv, men inni upp som
eld dei riv. 6 Safiren sit i steinar der, og der seg og
gullklumpar ter, 7 Ei ørnen kjenner denne veg, for
haukesyn han løyner seg. 8 Ei stolte rovdyr vegen
fann, og løva aldri gjeng på han. 9 På harde steinen
dei handi legg; då sturtar mang ein bergevegg. 10 I
berget seg gangar grev og skodar mang ein skatt so
gjæv. 11 Dei dytter til for rennand' å, det løynde fram
for ljoset må. 12 Men visdomen, kvar er han å få? Og
kvar skal ein vitet nå? 13 Slett ingen veit hans verd
og vinst; i manneheim han ikkje finst; 14 Avgrunnen
dyn: «Her ei han er!» Og havet segjer: «Ikkje her!»
15 Du kann'kje kjøpa han for gull, men sylv ei vega
prisen full, 16 og ei for gull ifrå Ofir, ei for onyks, ei for
safir. 17 Ei gull og glas er nok til kaup, og ei til byte
fingull-staup. 18 Korall, krystall gjeld ikkje her. Visdom
er meir enn perlor verd. 19 Topas frå Kus er altfor ring,
ja, reinast gull vert ingen ting. 20 Visdomen, kvar kjem
han ifrå? Og kvar skal ein til vitet nå? 21 Det ingen
veit på denne jord; ei fugl det fann, kvar helst han
for. 22 Avgrunn og daude segjer greidt: «Eit gjetord
er alt det me veit.» 23 Men Gud han kjenner denne
veg; han veit kvar visdom løyner seg. 24 Han skodar
heilt til heimsens tram, og under himmeln ser han
fram. 25 Då vinden han med vegti vog og sette mål for
vatnet og, 26 då han gav regnet lovi si og ljomet veg
å ganga i, 27 då såg han og synte fram og granska
honom umhugsam. 28 Til menneskja han sagde so: «I
Herrens otte visdom sit, og fly det vonde, det er vit.»»

**29** Då heldt Job fram med talen sin og sagde: 2 «Å,
var eg som i fordums måna'r, som den gong Gud
mi verja var, 3 då yver meg hans lampa skein, som

lyste meg i myrkret fram, **4** slik som eg var i mogne
manndom, då Gud var ven i huset mitt, **5** då Allvald
endå med meg var, og mine born eg kring meg såg, **6**
då eg i fløyte foten tvådde, og olje rann av fjellet nær
meg, **7** då eg til porten steig i byen, og sessen min
på torget tok! **8** Ungdomen såg meg, løynde seg; dei
gamle reiste seg og stod; **9** hovdingar stogga midt i
talen og lagde handi på sin munn; **10** og røysti tagna
hjå dei gjæve, og tunga seg til gomen kleimde; **11** dei
som meg høyrde, sælka meg, og dei som såg meg,
vitna for meg. **12** Eg berga arming når han ropa, og
farlaus som var utan hjelp; **13** velsigning fekk eg frå
forkomne, og enkjor fekk eg til å jubla. **14** Rettferd var
min, eg hennar bunad; rett var mi kappa og mi kruna.
**15** Eg for den blinde auga var, og føter var eg for den
halte. **16** Ein far eg var for fatigfolk; eg for ukjende saki
granska. **17** På brotsmann tennerne eg knekte, reiv
fengdi utor gapet hans. **18** Eg sagde: «I reiret skal eg
døy, med dagar talrike som sand. **19** Til roti mi skal
vatnet trengja, dogg bu ved natt på greini mi; **20** mi
æra held seg frisk hjå meg, bogen vert ny handi mi.»
**21** Dei høyrde ventande på meg, og lydde stilt på rådi
mi. **22** Og ikkje la dei mot mitt ord, min tale draup ned
yver deim. **23** På meg dei bia som på regn, ja, som
vårregn opna munnen. **24** Eg smilte til mismodige, mitt
andlit fekk dei ikkje myrkt. **25** Når eg deim vitja, sat eg
fremst, sat som ein konge i sin herflokk, lik ein som
trøystar syrgjande.

**30** Men no er eg til spott for deim som yngre er av
år enn eg; eg deira feder ikkje fann verdige plass
hjå gjætarhunden. **2** Magtlause er og deira hender, og
deira saft og kraft er burte; **3** Dei magre er av naud og
svolt, dei gneg i turre øydemarki som alt i går var reine
audni, **4** og plukkar melde millom kjørri og hev til føda
einerot. **5** Frå folket vert dei jaga burt, fær tjuvemann
slengt etter seg. **6** Dei gøymer seg i fæle gil, i holor uti
jord og fjell; **7** og millom buskor skrålar dei og samlast
under netlerunnar; **8** ei ætt av dårar og namnlause som
ein helst piskar ut or landet. **9** No er eg slengjestev for
deim, eit ordtak hev for deim eg vorte. **10** Dei styggjest
ved meg, held seg burte og sparer ei å sputta på meg.
**11** Utan all blygd dei krenkjer meg, hiv av kvart band
framfor mi åsyn. **12** Eit utjo reiser seg til høgre, dei
spenner mine føter burt, og legg ulukke-vegar mot
meg. **13** Og stigen min den bryt dei upp og hjelper til
med mi ulukka, dei som er hjelpelause sjølv. **14** Som
gjenom vide murbrot kjem dei, velter seg fram med
bråk og brak. **15** Imot meg vender rædslor seg, mi
æra elter dei som stormen, mi velferd kvarv som lette
sky. **16** No jamrar seg mi sjæl i meg; usæle dagar held
meg fast. **17** Natti gneg mine knokar av meg, min verk,
mi pina aldri søv. **18** Ved allmagt vert min klædnad
vanstelt, heng tett som skjortekragen kring meg. **19**
Han kasta meg i skarnet ned; og eg ser ut som mold
og oska. **20** Eg skrik til deg, du svarar ikkje, eg stend
der, og du stirer på meg. **21** Hard hev du vorte imot
meg, du stri'r mot meg med veldug hand. **22** Du let
meg fara burt i stormen, du let meg tynast i hans brus.
**23** Eg veit du fører meg til dauden, der alt som liver
samlast lyt. **24** Kven kavar ikkje når han søkk? Kven
ropar ikkje ut i fåren? **25** Gret eg'kje sjølv med den
fortrykte, og syrgde yver fatigmann? **26** Eg vona godt,
men det kom vondt, eg venta ljos, men myrker kom.
**27** Det kokar allstødt i mitt indre, ulukkedagen møter
meg. **28** Svart gjeng eg kring, men ikkje solbrend, eg
ris i flokken, skrik um hjelp. **29** Bror åt sjakalar hev eg
vorte, til strussar eg ein frende er. **30** Mi hud er svart
og flaknar av; det brenn i mine bein av hite. **31** Min
cither hev eg bytt i sorg, og fløyta mi med gråtar-mål.

**31** Med augo hev eg gjort ei pakt; eg skal'kje
skygna etter møy. **2** Kva gav meg elles Gud der
uppe? Kva arv gav Allvald frå det høge? **3** Kjem ikkje
udådsmann i naud? Og illgjersmenn i ulukka? **4** Ser
ikkje han på mine vegar? Tel ikkje han kvart stig eg
gjeng? **5** Dersom eg fram med fals hev fare, og foten
sprunge etter svik **6** - Gud vege meg på rettferds vegt,
so han kann sjå eg skuldlaus er! - **7** Veik mine stig frå
vegen av, hev hjarta etter augo gjenge, var det ein
flekk på mine hender, **8** so gjev ein annan et mitt såd,
og riv mi planting upp med rot! **9** Let eg min hug av
kvinna dåra, sneik eg til grannens dør meg fram, **10** so
lat mitt viv åt andre mala, og andre yver ho seg bøygje!
**11** For dette er ei skjemdarferd, eit brot som dom og
straff fortener, **12** ein eld som eta vil til avgrunns og
øydeleggja all mi eiga. **13** Vanvyrd' eg retten åt min
træl og trælkvinna i trætta med deim? **14** - Kva gjord'
eg då, når Gud reis upp? Kva svara eg, når han meg
klaga? **15** Dei er som meg i morsliv skapte; ein forma
oss i moderfang - **16** Um eg sagde nei når arming bad,
og let enkja gråtande gå burt, **17** hev eg mitt brød
åleine ete, so farlaus inkje fekk ein bit, **18** - nei, far
for han eg var frå yngdi, frå morsliv var eg hennar
førar - **19** Såg eg ein stakar utan klæde, ein fatig utan
yverplagg, **20** og so hans lender ei meg signa, og ei
mi saueull han vermde, **21** hev eg mot farlaus handi
lyft, av di eg medhald fekk i retten: **22** Let herdi mi or
led då losna, og armen brotna frå sitt bein! **23** For eg
var ovleg rædd Guds straff, eg magtlaus stod framfor
hans velde. **24** Um eg mi lit til gullet sette, og voni til
det fine gull, **25** Gledde eg meg ved auka rikdom, og
alt eg vann meg med mi hand, **26** såg eg på ljoset
når det stråla, på månen der han skreid i glans, **27**
vart hjarta mitt i løyndom dåra, so kyss på hand til
deim eg sende, **28** so var det og straffande brot, då

neitta eg min Gud der uppe. 29 Hev eg meg gledt ved
uvens uferd, og jubla når han kom i skade, 30 - men
eg let ikkje munnen synda og banna honom ifrå livet
- 31 hev ei mitt husfolk stendigt sagt: «Kven gjekk
vel svolten frå hans bord?» 32 - Eg let'kje framand
natta ute; for ferdamann eg opna døri - 33 hev eg som
Adam dult mi synd, og løynt mi misgjerd i min barm,
34 di eg var rædd den store hop og ottast spott frå
ættefrendar, so stilt eg heldt meg innum dører? 35
Å, vilde nokon høyra på meg! Sjå her er underskrifti
mi, lat berre Allvald svara meg! Fekk eg den skrift
min motpart skreiv, 36 den skulde eg på oksli bera og
binda på meg som ein krans 37 eg melde honom kvart
mitt stig, og som ein hovding møta honom. 38 Dersom
min åker klagar meg, og um plogforerne lyt gråta, 39
åt eg hans grøda ubetalt, tok livet eg av eigarmannen:
40 Lat då for kveite klunger gro, og ugras der eg sådde
bygg!» Her endar Jobs tale.

**32** Dei tri mennerne svara ikkje Job meir, av di
han heldt seg sjølv for rettferdig. 2 Men då loga
harmen upp hjå Elihu, son åt Barak'el, buziten, av
Rams-ætti. Han vart harm på Job, av di han heldt seg
sjølv rettferdigare enn Gud. 3 Han harmast og på dei
tri venerne, av di dei ikkje kunde finna noko svar, og
endå dømde Job skuldig. 4 For Elihu hadde venta med
å tala til Job, av di dei andre var eldre enn han; 5 men
då Elihu såg at dei tri mennerne ikkje hadde noko å
svara, vart han brennande harm. 6 Og Elihu, son åt
Barak'el, buziten, tok til ords og sagde: «Ung er eg
etter år å rekna; de derimot er gamle menn. Difor eg
blygdest og var rædd å segja til dykk det eg veit. 7 Eg
tenkte: «Åri tala lyt og alderen forkynna visdom.» 8 Nei,
ånd lyt til hjå menneski; og Allvalds ande gjev deim
vit. 9 Dei gamle er'kje alltid vise, kvithærde veit'kje
stødt det rette. 10 Difor eg segjer: Høyr på meg; eg
vil og segja det eg veit. 11 Eg venta hev på dykkar
ord og lydde vel på dykkar lærdom, alt med de leita
etter ord. 12 Og eg gav nøgje agt på dykk, men ingen
sagde Job imot, ingen av dykk gav honom svar. 13
Seg ikkje: «Visdom der me fann; Gud slå han ned, folk
kann det ikkje.» 14 Han hev'kje tala imot meg, og ei
med dykkar ord eg svarar. 15 Dei er forstøkte, svarar
ikkje, dei vantar ord å føra fram. 16 Treng eg vel venta
når dei tegjer og stend der reint forutan svar? 17 Eg vil
og svara, eg for meg, eg vil og segja det eg veit. 18
For eg er full av ord til svars; i bringa sprengjer åndi
på. 19 Mitt indre er som innstengd vin, lik nye vinhit vil
det sprengjast. 20 Eg tala vil so eg fær luft, vil opna
lipporne og svara. 21 Eg ikkje tek parti for nokon og
smeikjer ei for nokor mann; 22 å smeikja kann eg ikkje
med; min skapar elles burt meg reiv.

**33** Men høyr no, Job, på talen min, lyd vel på alle
mine ord! 2 Sjå eg hev opna mine lippor, og
tunga talar i min munn. 3 Frå ærlegt hjarta kjem min
tale, rein kunnskap lipporne ber fram. 4 Guds ånd er
det som meg hev skapt, og Allvalds ande gjev meg liv.
5 Um du det kann, so gjev meg svar! Væpna deg mot
meg, og stig fram! 6 Eg er din likemann for Gud, eg og
av leiret forma er. 7 Du tarv'kje vera rædd for meg, min
trykk skal ikkje tyngja deg. 8 Men du hev sagt for øyro
mine - eg høyrde ljoden av ditt ord -: 9 «Eg skuldfri
er og utan synd, eg flekkfri er og utan skuld; 10 men
han fører uvensgrunnar mot meg og held meg for sin
fiendsmann; 11 han legg i stokken mine føter og vaktar
alle mine vegar.» 12 Men du hev urett, svarar eg; Gud
større er enn menneskja. 13 Men kvifor vil du klaga på
han: Han aldri svarar i sin sak? 14 På eit vis talar Gud,
ja tvo, um enn dei ikkje agtar på det. 15 I draumar og i
syn ved natt, når tunge svevnen fell på folk, når dei
på lægjet ligg og blundar, 16 då let han øyro upp på
folk, og innsiglar åtvaring til deim, 17 for burt frå synd
å driva mannen, og rydja ovmod ut or honom 18 og
berga sjæli hans frå gravi og livet hans frå spjotodd-
daude. 19 Han tuktast og med sjukelægje, med stendig
uro inn til beini, 20 hans liv fær mothug imot brød,
og sjæli hans mot lostemat. 21 Hans misser holdet,
vert usjåleg, og beini morknar, syner ikkje, 22 og sjæli
ned mot gravi lutar, hans liv mot daude-englarne. 23
Er det då yver han ein engel, ein millommann, ein
utav tusund, som lærer mannen um hans plikt, 24 Han
ynkast yver han og segjer: «Frels honom frå i grav å
ganga! Eg hev ei løysepening funne.» 25 Hans likam
skal av helsa bløma, sin ungdom skal han atter få. 26
Han bed til Gud og nåde fær, so han hans åsyn ser
med jubel. Og so fær mannen att si rettferd. 27 Han
syng for folk og segjer so: «Eg synda hev og krenkt
det rette, men hev'kje fenge lika for det; 28 mi sjæl frå
gravi berga han, med gleda fær eg ljoset sjå.» 29 Og
sjå: alt dette gjerer Gud tvo gonger, ja tri gong' mot
mannen, 30 og ber hans sjæl frå gravi burt, so livsens
ljos kann lysa for han. 31 So gjev no gaum og høyr
meg, Job, ver tagall du, so eg kann tala! 32 Um du hev
ord, so gjev meg svar! Tala, eg gjev deg gjerne rett. 33
I anna fall so høyr på meg, teg medan eg deg visdom
lærer!»

**34** Og Elihu tok til ords og sagde: 2 «Vismenner,
høyr på ordi mine! Kunnige folk, lyd no på meg!
3 For ordi prøver ein med øyro, som ein med gomen
maten smakar. 4 So lat oss no det rette velja og saman
finna ut det gode! 5 For Job hev sagt: «Eg skuldfri
er; min rett hev Gud ifrå meg teke; 6 tråss i min rett,
stend eg som ljugar, uskuldig fekk eg ulivssår.» 7 Finst
det vel nokon mann som Job? som gløyper hædings

ord som vatn, 8 som held med illgjerdsmenner lag,
hev umgang med gudlause folk? 9 For han hev sagt:
«Kva gagnar det ein mann å vera ven med Gud?»
10 Difor, de menn med vit, høyr meg! D'er langt frå
Gud å vera gudlaus, frå Allvalds-Gud å gjera urett. 11
Han løner mannen for hans gjerd, fer med han etter all
hans ferd. 12 Nei, urettferdig er'kje Gud, og Allvald
krenkjer ikkje retten. 13 Kven let vel honom styra jordi?
Og kven hev grunna jordheims-kringen? 14 Um han på
seg åleine tenkte og drog sin ande til seg att, 15 då
gjekk alt livande til grunns, og menneskja vart atter
mold. 16 Um du er klok, so høyr på dette, og lyd på
ljoden av mitt ord! 17 Kann ein som hatar retten, styra?
Fordømer du den allrettvise? 18 Kann ein til kongen
segja: «Niding!» Og til dei megtige: «Du brotsmann?»
19 Til han som ei gjer skil på fyrstar, og ikkje vyrder
rik mot fatig. Av di hans hand hev skapt deim alle?
20 Dei andast brått og midt um natti, eit folk avjagast
og kverv burt, stormenn forgjengst i hjelpeløysa. 21
Hans augo ser til mannsens ferd, han skodar kvart eit
stig han tek; 22 det finst'kje skugge eller myrker der
illgjerdsmenn kann løyna seg. 23 Han tarv'kje lenge
sjå på mannen fyrr han lyt møta Gud til doms. 24 Han
utan forhøyr storfolk krasar og andre set i deira stad.
25 Han kjennar heile deira verk og gjev um natti deim
til tyning. 26 Han tuktar deim som illgjerdsmenner, ein
stad der alle kann det sjå, 27 dei som hev vike burt frå
han og ikkje hev hans vegar fylgt - 28 so han kann
høyra armods klaga og jammerskrik frå undertrykte.
29 Fær han det stilt, kven vil fordøma? Løyner han
seg - kven kann då sjå han? - for folkemugen og for
mannen, 30 so ikkje gudlaus mann skal råda og vera
snaror yver folket. 31 For segjer ein vel so til Gud:
«Ovmodigt hev eg bore meg; eg vil ikkje lenger vera
vond. 32 Vis du meg det eg ikkje ser! hev eg gjort
synd, vil eg snu um?» 33 Skal han då straffa som du
tykkjer? D'er du som er den misnøgde; so lyt du velja,
ikkje eg; og du fær segja det du veit. 34 Dei kloke
folk vil segja til meg, og kvar ein vismann som meg
høyrer: 35 «Job talar ikkje med forstand hans ord er
utan ettertanke.» 36 Gjev Job må allstødt verta prøvd
for sine svar på nidings vis! 37 For han legg brotsverk
til si synd og ber seg vyrdlaust millom oss, og talar
mange ord mot Gud.»

**35** Og Elihu tok til ords og sagde: 2 «Seg, trur du
vel at slikt er rett, so du meir rettvis er enn Gud,
3 når djervt du spør: «Kva gagn hev eg, kva løn um eg
frå syndi flyr?» 4 På dette vil eg svara deg og likeins
venerne med deg. 5 Ditt auga du mot himmelen snu,
og sjå på skyerne der uppe! 6 Di synd, kann ho vel
skade honom? Lid han, um dine brot er mange? 7 Er
du rettvis, kva gjev du honom? Kva fær han då utav
di hand? 8 Di synd vedkjem ein mann som deg, di
rettferd gjeld eit menneskje. 9 Dei klagar yver urett
stor og skrik um hjelp mot valdsmenns arm; 10 men
spør'kje: «Kvar er Gud, min skapar, som let ved natt
lovsongar tona, 11 gjev oss meir vit enn dyr på mark
og meir forstand enn fugl i luft?» 12 Der ropar dei -
han svarar ikkje - um hjelp mot ovmod hjå dei vonde.
13 Gud høyrer ei på tome ord, slikt agtar Allvald ikkje
på. 14 Um enn du segjer du ei ser han, han ser han
nok saki, bi på honom! 15 Og no, når vreiden hans ei
refser, tru han ei kjenner dårskapen? 16 Men Job let
upp sin munn til fåfengd, uvitugt talar han so mykje.»

**36** Og Elihu heldt fram og sagde: 2 «Vent litt og lat
meg tala til deg! For endå hev eg ord for Gud; 3
eg hentar kunnskap langan leid, skal hjelpa skaparen
til rett. 4 For visst, mitt ord skal ikkje ljuga; framfor deg
stend ein full-lærd mann. 5 Sjå, Gud er sterk, men
vander ingen, han som er veldug i forstandskraft. 6
Han let'kje gudlaus mann få liva; men armingarne gjev
han rett. 7 Han snur'kje augo frå rettvise; hjå kongar
på sin konungsstol han let deim ævleg sitja høgt. 8
Um dei i lekkjor bundne vart og i ulukkesnaror fanga,
9 so synar han deim deira ferd og brot - at dei ovmoda
seg - 10 til refsing opnar øyro deira og byd deim venda
um frå syndi. 11 Um dei då høyrer vil og lyda, so liver
dei sitt liv i lukka og sine år i herlegdom; 12 um ikkje,
fær dei styng av spjotet, og i sin dårskap andast dei.
13 Men vreiden trivst i vonde hjarto; dei bed'kje, um dei
bundne vert; 14 i ungdomstidi skal dei døy, forgangast
som utukt-sveinar. 15 Han frelser arming ved hans
naud, opnar hans øyro gjenom trengsla. 16 Deg og
han lokkar ut or trengsla, fritt fær du det og ikkje trongt,
ditt bord er fullt av feite retter. 17 Men fær du straff som
syndug mann, i fall hans domsord held deg fast. 18
Lat ikkje tukti avla vreide, den tunge bot deg leida vilt!
19 Kann klaga hjelpa deg or naud, kor mykje enn du
stræva vil? 20 Du må'kje lengta etter natti då folk vert
rykte frå sin stad! 21 Gjev agt, so ei til synd du vender,
for det du heller vil enn lida. 22 Sjå, Gud er upphøgd i
sitt velde; kven er ein lærar slik som han? 23 Kven
hev vel vegen lagt for honom? Kven sagde vel: «Du
hev urett gjort?» 24 Hugs på å prisa høgt hans verk,
som menneski hev sunge um! 25 Kvart menneskje
med lyst det ser, mann-ætti ser det langan leid. 26
Upphøgd, uskynande er Gud, hans liveår kann ingen
telja, 27 for han dreg vatsdroparne, so det vert regn av
skodde-eim. 28 Og ifrå skyerne det fløymer og dryp
ned yver mange folk. 29 Kven skynar vel skyhoparne
og torebraket frå hans hytta? 30 Han breider ljoset sitt
ikring seg og let det hylja havsens røter. 31 Soleis han
dømer folkeslag og skiftar brød i ovmengd ut. 32 Han
sveiper henderne i ljos og sender det mot fienden. 33

Hans tora meldar um hans koma, ja, feet varslar når
han kjem.

**37** For dette bivrar hjarta mitt og lyfter seg frå staden
sin. **2** Å, høyr på harmen i hans røyst, den dun
som dundrar or hans munn! **3** Det fer burt under
himmelkvelv, men elden skin til heimsens endar. **4**
So burar røysti etterpå, han torar med sitt stolte mod,
og ljoni held han ikkje att når røysti si han ljoma let.
**5** Gud torar underfullt med røysti, gjer storverk som
me ei kann skyna. **6** Han snøen byd: «Fall ned til
jord!» Til regnet og, sitt sterke silregn. **7** Han stengjer
av for mannehand, so all hans skapning læra må. **8**
Villdyri gjeng til sine hi og kvilar på sin legestad. **9** Or
inste kammer kjem det storm, og kulde ut av vindarne.
**10** Utav Guds ande gustar frost, dei vide vatni kjem
i tvang. **11** Han lastar skyi og med væta og breider
sine elding-skyer, **12** og hit og dit dei hastar fram, og
skifter leid som han det vil og set i verk det som han
byd, utyver vide jordheims-kringen; **13** anten til ris,
når jordi treng det, ell' og med nåde lyt dei råka. **14**
Job, lyd på dette, statt no still, gjev gaum på undri Gud
hev gjort! **15** Veit du når Gud deim segjer fyre, og let
sitt ljos or skyi skina? **16** Veit du vel korleis skyi sviv,
um underi åt den Allvise? **17** Du som i heite klæde
styn, når jordi brenn i sunnanvind? **18** Gjer du med
honom himmelkvelven, som er so fast som støypte
spegel? **19** Lær oss, kva me skal segja honom! Me
tegja lyt for berre myrker. **20** Skal han få melding at eg
talar? Vil nokon ynskja seg å tynast? **21** No kann ein
ikkje ljoset sjå, um enn det klårt på himmeln skin, men
vinden sopar skyi burt. **22** Langt nordanfrå kjem gullet
hit, ein fælsleg glans ligg yver Gud. **23** Til Allvald kann
me ikkje nå, til han som er so stor i magt; men rett og
rettferd ei han krenkjer. **24** Difor ber folket age for han,
han ansar ingen sjølvklok mann.»

**38** Og Herren svara Job or stormen og sagde: **2**
«Kven er det som gjer rådgjerd myrk med ord
som reint er utan skyn? **3** Spenn som ein mann ditt
belte på, gjev meg på mine spursmål svar. **4** Kvar var
du då eg grunna jordi? Seg fram, i fall du greida hev! **5**
Kven sette måli - veit du det? - Og spana målsnor yver
henne? **6** Kvar vart pelaran' sette ned? Kven la vel
hennar hyrnestein, **7** med alle morgonstjernor kvad,
gudssønerne av gleda song? **8** Kven stengde havet inn
med dører, då det braut ut or moderfang? **9** Då eg det
skyer gav til klæde og myrkeskodd til sveip åt det **10**
då eg for det ei grensa sette og trygga ho med port og
bom **11** og sagde: «Hit og ikkje lenger! Di byrge bylgja
stogge her!» **12** Baud du vel dagsprett nokon gong?
Gav du morgonroden stad, **13** so femner kringum ytste
jordi, so syndaran' vart riste av? **14** Då tek ho form som
leir for segl, og all stend greinlegt som ein klædnad. **15**
Då misser gudlause sitt ljos, den arm som lyfte seg,
vert knekt. **16** Kom du til havsens kjeldor fram, hev du
på avgrunns-botnen gjenge? **17** Hev daude-portarn'
vist seg for deg? Ja, såg du daudeskuggens portar?
**18** Og hev du vel jordviddi set? Kjenner du alt i hop,
seg fram! **19** Kvar finn ein veg dit ljoset bur? Og kvar
hev myrkret heimen sin? **20** So du kann henta deim til
grensa og vita veg til deira hus. **21** Du veit det, du vart
fødd den gong, og dagetalet ditt er stort. **22** Kom du
dit snøen uppspard ligg? Og såg du forrådshus for
haglet, **23** som eg til trengsle-tidi gøymer, til dagarne
med kamp og krig? **24** Kva veg tru ljoset deiler seg,
austanvinden spreider seg på jordi? **25** Kven laga
renna vel for regnet og brøytte veg for torestrålen, **26**
so væta kjem til aude land, til øydemark der ingen bur,
**27** til kveikjing for den nakne heid, so gras kann gro der
fyrr var bert? **28** Skal tru um regnet hev ein far? Kven
avlar vel doggdroparne? **29** Kva moderliv kom isen or?
Kven avla rim i himmelrømd, **30** når vatnet hardnar
liksom stein, når havflata stivnar til? **31** Bind du vel
bandet um Sjustjerna? Løyser du lekkjet av Orion? **32**
Set du rett tid for dyreringen? Og driv du Bjørnen og
hans ungar? **33** Kjenner du himmelleverne? Gav du
han yver jordi magt? **34** Kann røysti di til skyi nå, so
vatnet fløymer yver deg? **35** Byd du vel ljoni fara ut, so
dei deg svarar: «Her er me?» **36** Kven la i myrke skyer
visdom? Kven gav forstand til hildringi? **37** Kven tel
med visdom skyerne? Kven tømer himmelfati ut, **38** når
turre mold vert samanrend, jordklumpar kleimer seg i
hop? **39** Gjeng du for løva etter rov og gjev ungløvor
deira mette, **40** medan dei gøymer seg i holor og ligg
på lur i busk og kjørr? **41** Kven yter ramnen føda hans,
når upp til Gud hans ungar ropar og flakkar kringum
utan mat?

**39** Steingeiti, veit du når ho kidar? Vaktar du riderne
åt hindi? **2** Tel måna'rne dei gjeng med unge, og
kjenner du deira fødetid? **3** Dei bøygjer seg, før sine
ungar, so er det slutt med deira rider. **4** På marki kidi
veks seg store, spring burt og kjem'kje att til deim. **5**
Kven let villasnet renna fritt, tok bandet av det skjerre
dyr, **6** som eg gav øydemark til heim, den salte steppa
til ein bustad? **7** Det lær åt byen med sitt ståk, slepp
høyra skjenn frå drivaren. **8** Det finn seg beite millom
fjell, og leitar upp kvart grøne strå. **9** Skal tru villuksen
vil deg tena, og natta yver ved di krubba? **10** Kann du
til fori honom tøyma, horvar han dalar etter deg? **11**
Lit du på honom for hans styrke? Og yverlet du han
ditt arbeid? **12** Trur du han til å føra grøda heim og
draga henne inn i løda? **13** Struss-hoa flaksar kåt med
vengen, men viser fjør og veng morskjærleik? **14** Nei,
ho legg sine egg på jordi, og let so sanden verma

deim; 15 ho gløymer at ein fot kann treda og villdyr
trakka deim i kras. 16 Hardt fer ho åt med sine ungar,
som var dei ikkje hennar eigne; for fåfengt stræv ho
ikkje ræddast. 17 For Gud let henne gløyma visdom,
han ei tiletla henne vit. 18 Men når ho baskar seg i
veg, ho lær åt både hest og mann. 19 Skal tru um du
gjev hesten kraft og klæder halsen hans med mån?
20 Let du han som grashoppen springa alt med han
frøser skræmeleg. 21 Glad i si kraft han marki skrapar
og fer so fram mot væpna flokk. 22 Han urædd er
og lær åt rædsla, for sverdet ei han vender um, 23
det skranglar pilhus yver honom, det blenkjer spjot til
styng og skot. 24 Med ståk og bråk han slukar jordi,
ustyrleg når stridsluren gjeng. 25 Han kneggjar: «Hui!»
når luren læt, han verar striden langan leid, med skrik
frå hovdingar og herrop! 26 Flyg hauken upp ved ditt
forstand og spilar vengjerne mot sud? 27 Stig ørnen
høgt av di du byd, og byggjer reiret sitt i høgdi? 28
Han bur på berg og held seg der, på kvasse tind og
høge nut. 29 Derfrå han spæjar etter mat, hans augo
yver viddi skodar. 30 Hans ungar gløypar i seg blod;
der det finst lik, der er han og.»

**40** Og Herren svara Job og sagde: 2 «Vil klandraren
med Allvald trætta? Lat han som lastar Gud då
svara!» 3 Då svara Job Herren og sagde: 4 «For ring
eg er; kva skal eg svara? Eg handi legg på munnen
min. 5 Ein gong eg tala, no eg tegjer, tvo gong' - eg
gjer det ikkje meir.» 6 Og Herren svara Job or stormen
og sagde: 7 «Spenn som mann ditt beltet på, gjev
meg på mine spursmål svar: 8 Vil du forspille meg
min rett, fordøma meg, so du fær rett? 9 Hev du vel
slik ein arm som Gud? Kann du som han med røysti
dundra? 10 Pryd deg med høgd og herredom, klæd
deg i glans og herlegdom, 11 Lat so din vreide strøyma
fram, sjå kvar ein stolt og audmyk han! 12 Så kvar ein
stolt og bøyg han ned, og slå til jord dei gudlause! 13
Og gøym deim alle under jordi, bitt deira andlit fast i
løynd! 14 So skal eg og lovprisa deg, som siger med
di høgre vann. 15 Sjå elvhesten! Eg hev skapt han
liksom deg; som ein ukse et han gras. 16 Sjå då krafti i
hans lender, i bukmusklarne hans styrke! 17 Halen
gjer han stiv som ceder, fast bogsenarne er tvinna. 18
Knokarne er koparrøyrer, beini som jarnstenger er. 19
Av Guds verk er han det fyrste, av sin skapar fekk han
sverd. 20 Bergi ber åt honom for, alle villdyr leikar der.
21 Under lotusbusk han kviler, løyner seg i røyr og sev.
22 Lotusbusk gjev honom skugge, piletre umkransar
honom. 23 Strid gjeng elvi, ei han ottast; trygg er han
um so sjølve Jordan fossar imot hans gap. 24 Kann ein
tak han so han ser det, draga snara gjenom snuten?

**41** Kann du fiska krokodillen, binda tunga hans med
taum, 2 Draga snor i gjenom nosi, hogga krok
i kjaken hans? 3 Vil han tigga um nåde, tala mjuke
ord til deg? 4 Tru han vil gjera samband med deg og
din træl for alltid verta? 5 Kann du han som leikfugl
halda for smågjentorne i band? 6 Handlar fiskarlag
med honom, skiftar ut til kræmarar? 7 Kann hans hud
med spjot du fylla, og hans hovud med harpunar? 8
Berre prøv - du skal det minnast; enn ein gong du gjer
det ikkje! 9 Kvar og ein vil missa voni, verta feld ved
syni av han. 10 Ingen torer eggja honom; kven kann
då mot meg reisa? 11 Kven gav meg, so eg gjev att?
Under himmeln alt eg eig. 12 Ei eg tegjer um hans
lemer, um hans sterke, væne bygnad. 13 Kven hev
drege brynja av han, Gjenge inn i duble tanngard?
14 Kven hev opna kjakeporten? Rædsla kring hans
tenner ligg. 15 Sterke er hans skjolde-rader, feste med
ei fast forsigling. 16 Tett dei ligg innåt kvarandre, ingi
luft slepp millom deim. 17 Eine skjolden i den andre
heng i hop, skilst ikkje åt. 18 Ljos ifrå hans njosing
strålar, augo skin som morgonroden. 19 Or hans gap
skyt brandar fram, gneistar sprutar derifrå. 20 Or hans
nasar stig det røyk, liksom eim or kjel som kokar. 21
Anden hans set eld på kol, logen ut or gapet stend. 22
I hans nakke styrken bur, rædsla spring framfor hans
åsyn. 23 Tette sit kjøtvalkarne, støypte fast urikkelg. 24
Hjarta hans er hardt som stein, fast som understein i
kverni. 25 Kjempor ræddast når han ris, misser både
mod og hugs; 26 Sverd vil ikkje bita på, ikkje skot med
spjot og pil. 27 Jarn agtar han liksom strå, kopar nett
som fauskeved. 28 Ei han vik for bogesonen; stein frå
slyngja vert som halm, 29 og stridsklubba vert som
strå, og han lær åt spjot som susar. 30 Under han
er kvasse broddar, spor dei set som treskjeslede. 31
Djupet kokar som ei gryta, sjøen som ein salvekjel. 32
Vegen lyser etter honom, djupet skin som sylverhår.
33 Liken hans på jord ei finst, denne skapning utan
ræddhug. 34 Han ser ned på alt som høgt er, konge
yver alle kaute.»

**42** Då svara Job Herren og sagde: 2 «Eg skynar at
du allting kann; for deg er ingen plan umogleg. 3
Kven vil uvitug myrkja rådgjerd? Eg tala som ein fåvis
mann um under som eg ikkje fata. 4 Å høyr no, lat meg
få tala! Eg vil deg spyrja, lær du meg! 5 Fyrr høyrd' eg
berre gjete deg, no ser eg deg med eigne augo. 6 Difor
eg tek det i meg att og tregar djupt i mold og oska.» 7
Då no Herren hadde tala desse ordi til Job, sagde han
til Elifaz frå Teman: «Eg er harm på deg og dei tvo
venerne dine, av di de hev ikkje tala rett um meg soleis
som Job, tenaren min. 8 Tak difor sju uksar og sju
verar, og gakk til Job, tenaren min, og ofra brennoffer

for dykk; og lat Job, tenaren min, beda for dykk! For
berre honom vil eg taka til nåde, so eg ikkje gjer ulukka
på dykk, for de ikkje hev tala rett um meg soleis som
Job, tenaren min.» **9** Og Elifaz frå Teman og Bildad frå
Suah og Sofar frå Na'ama gjekk av stad og gjorde so
som Herren hadde sagt til deim, og Herren høyrde
Jobs bøn. **10** No vende Herren lagnaden for Job, då
han bad for venerne sine; og alt det Job hadde åtta,
fekk han tvifald att. **11** Og alle brørne og systerne hans
kom til honom, og like eins alle dei kjenningar han fyrr
hadde havt, og dei åt og drakk med honom i huset
hans. Og synte honom medynk og trøysta honom for
all den ulukka som Herren ført yver honom, og kvar
av deim gav honom ein gullpening og ein gullring.
**12** Og Herren velsigna den siste livetidi åt Job meir
enn den fyrste; han fekk fjortan tusund sauer og seks
tusund kamelar og tusund par uksar og tusund asnor.
**13** Og han fekk sju søner og tri døtter; **14** den eine av
deim kalla han Jemima, den andre Kesia og den tridje
Keren-Happuk. **15** Det fanst ikkje so væne kvinnor i
heile landet som døtterne åt Job, og far deira let deim
erva til liks med brørne deira. **16** Etter dette livde Job
hundrad og fyrti år, og såg born og barneborn, fire
ættleder. **17** Og Job døydde gamall og mett av dagar.

# Salmenes

**1** Sæl er den mann som ikkje gjeng i råd med
ugudlege og ikkje stend på veg med syndarar og
ikkje sit i sæte med spottarar, **2** men som hev si lyst i
Herrens lov og grundar på hans lov dag og natt. **3**
Han er lik eit tre som er planta ved vatsbekkjer, som
gjev si frukt i si tid, og som lauvet ikkje visnar på; og
alt det han gjer, hev han lukka med. **4** Ikkje so er det
med dei ugudlege; men dei er lik agner, som vinden
føykjer burt. **5** Difor skal dei ugudlege ikkje standa seg
i domen, og syndarar ikkje i samlingi av dei rettferdige.
**6** For Herren kjenner vegen dei rettferdige fer, men den
vegen dei ugudlege fer, gjeng til grunns.

**2** Kvi ståkar heidningarne, og kvi stilar folki på
fåfengt verk? **2** Kongarne på jordi reiser seg, og
herremennerne legg råd saman imot Herren og den
han hev salva: **3** «Lat oss slita sund deira band og
kasta deira tog av oss!» **4** Han som tronar i himmelen,
lær: Herren spottar deim. **5** So talar han til deim i sin
vreide, og i sin harm skræmer han deim: **6** «Og eg hev
då sett inn min konge på Sion, mitt heilage fjell.» **7** Eg
vil fortelja um ei rådgjerd: Herren sagde til meg: «Du
er min son, eg hev født deg i dag. **8** Krev av meg,
so vil eg gjeva deg heidningarne til arv og endarne
av jordi til eiga. **9** Du skal knasa deim med jarnstav;
som kruskjerald skal du smuldra deim.» **10** Og no, de
kongar, far visleg fram! Lat dykk segja, de domarar på
jordi! **11** Ten Herren med age, og fagna dykk med otte!
**12** Kyss sonen, so han ikkje skal verta vreid, og de skal
ganga til grunnar på vegen! For hans vreide kunde lett
kveikjast. Sæle er alle dei som set si lit til honom!

**3** Ein salme av David, då han flydde for Absalom,
son sin. Herre, kor mange mine fiendar er! Mange
reiser seg imot meg. **2** Mange segjer til mi sjæl: «Det
finst ikkje frelsa for honom hjå Gud.» (Sela) **3** Men du,
Herre, er min skjold, mi æra og den som lyfter mitt
hovud. **4** Eg ropar høgt til Herren, og han svarar meg
frå sitt heilage fjell. (Sela) **5** Eg lagde meg og sovna;
eg vakna upp, for Herren held meg uppe. **6** Eg ottast
ikkje for ti tusund av folk, som hev lægra seg imot
meg rundt ikring. **7** Statt upp, Herre, frels meg, min
Gud! For du hev slege alle mine fiendar på kinni, du
hev knasa tennerne på dei ugudlege. **8** Herren høyrer
frelsa til. Lat di velsigning vera yver ditt folk! (Sela)

**4** Til songmeisteren, med strengleik; ein salme av
David. Når eg ropar, so svara meg, du Gud som er
rettferd! I trengsla hev du gjeve meg rom; ver meg
nådig og høyr mi bøn! **2** De velduge menner Kor lenge
skal mi æra vera til skam? Kor lenge vil de elska
fåfengd, fara etter lygn? (Sela) **3** Vit då, at Herren fer
underleg med den som er etter hans ynde! Herren
høyrer, når eg ropar til honom. **4** Harmast, men synda
ikkje! Tenk etter i dykkar hjarta på dykkar lægje, og ver
stille! (Sela) **5** Ber fram rettferds offer, og set dykkar lit
til Herren! **6** Mange segjer: «Kven vil syna oss noko
godt?» Lyft du yver oss ljoset frå di åsyn, Herre! **7** Du
hev gjeve meg større gleda i mitt hjarta enn dei hev
når deira korn og vin fell rikeleg. **8** I fred vil eg både
leggja meg og sovna; for du, Herre, let meg einsaman
bu i trygd.

**5** Til songmeisteren, til Nehilot; ein salme av David.
Vend øyra til mine ord, Herre, gjev gaum etter min
sukk! **2** Lyd til mitt rop um hjelp, min konge og min
Gud! For til deg bed eg. **3** Herre, um morgonen vil du
høyre mi røyst; um morgonen legg eg mi sak fram
for deg og ventar. **4** For du er ikkje ein Gud som
hev hugnad i ugudleg åtferd; den vonde fær ikkje bu
hjå deg. **5** Dei ovmodige kann ikkje standa seg for
dine augo; du hatar alle som gjer urett. **6** Du let deim
som talar lygn ganga under; den blodgiruge og falske
mann styggjest Herren ved. **7** Men eg vil ved di store
miskunn ganga inn i ditt hus, vil med otte for deg falla
ned framfyre ditt heilage tempel. **8** Herre, leid meg ved
di rettferd, for deira skuld som lurar på meg, jamna din
veg for meg! **9** For det finst ikkje sanning i deira munn;
det indre i deim er ein avgrunn; strupen deira er ei opi
grav; tunga si gjer dei hål. **10** Gud, døm dei skuldige!
Lat deim falla for sine eigne meinråder, støyt deim ned
for deira mange misgjerningar! for dei hev gjort upprør
mot deg. **11** Men lat alle deim gleda seg, som set si lid
til deg! Lat deim til æveleg tid fagna seg høgt, av di du
vil verja deim; og lat deim som elskar ditt namn frygda
seg i deg! **12** For du, Herre, velsignar den rettferdige;
du vernar honom med nåde som med ein skjold.

**6** Til songmeisteren, med strengleik, etter Sjeminit;
ein salme av David. Herre, refs meg ikkje i din
vreide og tukta meg ikkje i din harm! **2** Ver meg nådig,
Herre, for eg er burtvisna! Læk meg, Herre, for mine
bein er skjelvande. **3** Og mi sjæl er storleg skjelvrædd.
Og du, Herre, kor lenge? **4** Vend deg um att, Herre,
fri ut mi sjæl, frels meg for di miskunn skuld! **5** For i
dauden er det ikkje minne um deg; kven vil prisa deg i
helheimen? **(Sheol h7585)** **6** Eg er trøytt av mine sukkar;
eg bløyter mi seng kvar natt, med mine tåror væter eg
mitt lægje. **7** Mitt auga er upptært av hugverk; det er
gamalt vorte for alle deira skuld som trengjer meg. **8**
Vik ifrå meg, alle de som gjer urett! For Herren hev
høyrt mitt gråtmål. **9** Herren hev høyrt mi audmjuke
påkalling, Herren, tek imot mi bøn. **10** Alle mine fiendar

skal verta skjemde og storleg forfærde; dei skal venda
attende, verta skjemde i ein augneblink.

**7** Ein siggajon av David, som han song for Herren
på grunn av benjaminiten Kus' ord. Herre, min Gud!
Eg flyr til deg; frels meg frå alle mine forfylgjarar og
berga meg, **2** so han ikkje som ei løva skal riva ut mi
sjæl, riva sund, og ingen som bergar! **3** Herre, min
Gud! Dersom eg hev gjort dette, dersom det er urett i
mine hender, **4** dersom eg hev gjort vondt imot den
som heldt fred med meg, og plundra den som trengde
meg utan orsak: **5** so lat fienden forfylgja mi sjæl og
nå henne og trøda ned mitt liv til jordi og leggja mi æra
i moldi! (Sela) **6** Statt upp, Herre, i din vreide! reis deg
upp imot ofsen hjå deim som trengjer meg, og vakna
upp til hjelp for meg, du som hev påbode dom! **7** Og lat
ei samling av folkeslag standa rundt ikring deg, og far
upp att yver deim til det høge! **8** Herren held dom yver
folki. Døm meg, Herre, etter mi rettferd og etter den
uskyld som er hjå meg! **9** Lat då vondskapen hjå dei
ugudlege få ende, og styrk den rettferdige! For du er
den som prøver hjarto og nyro, ein rettferdig Gud. **10**
Min skjold er hjå Gud, han frelser deim som er trugne i
hjarta. **11** Gud er ein rettferdig domar, og ein Gud som
harmast kvar dag. **12** So framt ein ikkje vender um, so
kvesser han sitt sverd; sin boge hev han spent og gjort
ferdig **13** og stelt til banevåpn til rettes imot honom;
sine piler gjer han brennande. **14** Sjå, han skal til å
føda misgjerning; han gjeng med ulukka og føder lygn.
**15** Ei grav hev han grave og hola ut; men han fell i
den greft som han gjorde. **16** Den ulukka han gjer,
kjem att yver hans hovud, og yver hans kvervel fell
hans valdsverk ned. **17** Eg vil prisa Herren etter hans
rettferd og lovsyngja namnet åt Herren den Høgste.

**8** Til songmeisteren, etter Gittit; ein salme av David.
Herre, vår Herre, kor herlegt ditt namn er yver all
jordi! du som hev sett din prydnad på himmelen. **2** Av
munnen på småborn og sogborn hev du grunnfest ei
magt for dine motstandarar skuld, so du kann tagga
fienden og den hemngiruge. **3** Når eg ser din himmel,
det verk av dine fingrar, månen og stjernorne, som du
hev sett i stand, **4** kva er då eit menneskje, at du kjem
det i hug, og ein menneskjeson, at du ser til honom! **5**
Du gjorde honom lite lægre enn Gud; med herlegdom
og æra krynte du honom. **6** Du sette honom til herre
yver dei verk dine hender gjorde, allting lagde du under
hans føter: **7** Småfe og storfe, alle saman, og jamvel
dei ville dyr i marki, **8** fuglen under himmelen og fisken
i havet, alt det som fer på havsens stigar. **9** Herre, vår
Herre, kor herlegt ditt namn er yver all jordi!

**9** Til songmeisteren, etter Mut-labben; ein salme av
David. Eg vil lova Herren av alt mitt hjarta, eg vil
fortelja um alle dine under. **2** Eg vil gleda og fagna
meg i deg, eg vil lovsyngja ditt namn, du Høgste! **3**
av di mine fiendar vik attende, dei snåvar og gjeng
til grunnar for ditt andlit. **4** For du hev ført fram min
rett og mi sak, du hev sett deg på domstolen som
rettferdig domar. **5** Du hev aga heidningarne, øydt ut
dei ugudlege, stroke ut deira namn æveleg og alltid. **6**
Fienden er all lagd i øyde til æveleg tid, byarne hev du
støytt ned til grunns, deira minne, det hev døytt ut.
**7** Men Herren sit som konge til æveleg tid, han hev
sett upp sin stol til doms, **8** og han dømer jordriket
med rettferd, segjer dom yver folkeslag med rettvisa.
**9** Og Herren er ei borg for den nedtyngde, ei borg i
dei tider han er i trengd. **10** Og dei som kjenner ditt
namn, set si lit til deg; for du forlet ikkje deim som
søkjer deg, Herre! **11** Syng lovsong til Herren som bur
på Sion! forkynn millom folki hans store gjerningar!
**12** For han som hemner blod, kjem deim i hug, han
gløymer ikkje ropet frå dei arme. **13** Ver meg nådig,
Herre! Sjå kva eg må lida av deim som meg hatar, du
som lyfter meg upp frå daudens portar, **14** so eg kann
forkynna all din pris, i portarne åt Sions dotter fagna
meg i di frelsa. **15** Heidningarne er sokne i den grav
som dei grov; deira fot er fanga i det garnet dei løynde.
**16** Herren hev gjort seg kjend, han hev halde dom;
han fangar den ugudlege i det verk hans eigne hender
gjorde. (Higgajon, Sela) **17** Dei ugudlege skal fara burt
til helheimen, alle heidningar som gløymer Gud. **(Sheol h7585)** **18** For den fatige vert ikkje gløymd for alltid,
dei arme folks von ikkje spillt i all æva. **19** Statt upp,
Herre, lat ikkje menneskje få magt, lat heidningarne
verta dømde for di åsyn! **20** Set rædsla i deim, Herre!
Lat heidningarne kjenna at dei er menneskje! (Sela)

**10** Herre, kvi stend du so langt undan, held deg
løynd dei tider me er i trengd? **2** Ved ovmodet
hjå dei ugudlege illhugast den arme; lat deim vert
fanga i dei meinråder dei hev tenkt upp! **3** For den
ugudlege rosar det hans sjæl lyster, og den vinnekjære
byd farvel og spottar Herren. **4** Den ugudlege set nosi
høgt og segjer: «Han heimsøkjer ikkje. Det er ingen
Gud til!» det er alle hans tankar. **5** Hans vegar lukkast
alle tider; langt burte frå honom i det høge er dine
domar; alle sine motstandarar - deim blæs han åt. **6**
Han segjer i sitt hjarta: «Eg skal ikkje verta rikka, frå
ættled til ættled kjem eg ikkje i ulukka.» **7** Hans munn
er full av forbanning og av svik og vald; under hans
tunga er tjon og ulukka. **8** Han ligg på lur ved gardarne,
på løynlege stader myrder han den uskuldige, hans
augo spæjar etter den verjelause. **9** Han lurer i løyne
som løva i si kjørr, han lurer etter å gripa den arme;
han grip den arme, med di han dreg honom i sitt garn.
**10** Han luter seg, duvar seg ned, og dei verjelause fell

for hans sterke klør. 11 Han segjer i sitt hjarta: «Gud
hev gløymt det, han hev løynt sitt andlit, han ser det
aldri.» 12 Statt upp, Herre! Gud, lyft upp di hand, gløym
ikkje dei arme! 13 Kvi skal den ugudlege vanvyrda
Gud og segja i sitt hjarta: «Du heimsøkjer ikkje?» 14
Du hev set det; for du skodar naud og hjartesorg til å
leggja deim i di hand; til deg yvergjev den verjelause si
sak, du er ein hjelpar for dei farlause. 15 Slå armen
sund på den ugudlege, og den vonde - heimsøk hans
gudløysa, so du ikkje finn honom meir! 16 Herren er
konge æveleg og alltid heidningarne er øydde ut or
hans land. 17 Herre, du hev høyrt ynskjet frå dei arme,
du styrkjer deira hjarta, du vender øyra ditt til, 18 so du
gjev den farlause og nedtyngde sin rett. Ikkje lenger
skal menneskjet som er av jordi halda fram med å
skræma.

**11** Til songmeisteren; av David. Til Herren flyr eg inn;
kor kann de då segja til mi sjæl: «Fly til dykkar
fjell som ein fugl! 2 For sjå, dei ugudlege spenner
bogen, dei hev lagt si pil på strengen til å skjota i
myrkret på dei trugne i hjarta. 3 Når grunnvollarne vert
nedrivne, kva kann då ein rettferdig gjera?» 4 Herren er
i sitt heilage tempel, Herrens kongsstol er i himmelen,
hans augo skodar, ein blink av hans augo prøver
menneskjeborni. 5 Herren prøver den rettferdige; men
den ugudlege og den som elskar vald, honom hatar
hans sjæl. 6 Han skal lata snaror regna ned på dei
ugudlege, eld og svåvel og glodheit vind vert deim
tilmælt i deira staup. 7 For Herren er rettferdig, han
elskar rettferd, den trugne skal skoda hans åsyn.

**12** Til songmeisteren, etter Sjeminit; ein salme av
David. Frels, Herre! For det er ute med den
gudlege, dei trufaste er komne burt frå menneskjeborni.
2 Lygn talar dei kvar med sin næste, med smeikjande
lippa, med tvihuga hjarta talar dei. 3 Herren rydje ut
alle smeikjande lippor, den tunga som talar store ord,
4 deim som segjer: «Ved vår tunga skal me sigra; våre
lippor er med oss, kven er herre yver oss?» 5 «For
valdsverket mot dei arme, for sukken for dei fatige
vil eg no reisa meg, » segjer Herren; «eg vil hjelpa
den til frelsa, som stundar deretter.» 6 Herrens ord er
reine ord, eit sylv som er reinsa i verkstaden på jordi,
sju gonger skirt. 7 Du, Herre, vil vakta deim, du vil
verja dei mot denne ætti for alltid. 8 Rundt um vil dei
ugudlege sviva ikring, når nidingskap vert sett høgt hjå
menneskjeborni.

**13** Til songmeisteren; ein salme av David. Kor lenge,
Herre, vil du stendigt gløyma meg? Kor lenge vil
du løyna ditt andlit for meg? 2 Kor lenge skal eg hava
sorger i mi sjæl, hugverk i mitt hjarta heile dagen? Kor
lenge skal min fiende vera upphøgd yver meg? 3 Sjå
hit, svara meg, Herre min Gud! Lys upp mine augo, so
eg ikkje skal sovna inn i dauden, 4 so min fiende ikkje
skal segja: «Eg hev vunne yver honom, » so mine
motstandarar ikkje skal fagna seg yver at eg fell. 5
Men eg set mi lit til di miskunn, mitt hjarta skal fagna
seg i di frelsa; 6 eg vil lovsyngja Herren, for han hev
gjort vel imot meg.

**14** Til songmeisteren; av David. Dåren segjer i sitt
hjarta: «Det er ingen Gud til.» Vond og styggjeleg
er deira gjerning; det er ingen som gjer godt. 2 Herren
skodar ned frå himmelen på menneskjeborni og vil sjå
um der er nokon vitug, nokon som søkjer Gud. 3 Dei er
alle avvikne, dei er utskjemde alle saman; det er ingen
som gjer godt, det finst ikkje ein einaste. 4 Veit dei
då ikkje, alle dei som gjer urett? Dei et upp mitt folk,
liksom dei et brød; på Herren kallar dei ikkje. 5 Der
vert dei storleg rædde; for Gud er hjå den rettferdige
ætt. 6 Den arme manns råd må de gjerne gjera til
skammar; for Herren er hans tilhygge. 7 Å, gjev frelsa
frå Sion må koma yver Israel! Når Herren vender sitt
folks vanlukka, då skal Jakob fagna seg, Israel gleda
seg.

**15** Ein salme av David. Herre, kven skal vera gjest
i ditt tjeld? Kven skal bu på ditt heilage fjell? 2
Den som ferdast ulastande og gjer rettferd og talar
sanning i sitt hjarta. 3 Han baktalar ikkje med si tunga,
han gjer ikkje vondt imot sin næste og fører ikkje skam
yver den som stend honom nær. 4 Svivyrdeleg er i
hans augo den gudlause, men han ærar deim som
ottast Herren. Sver han til sin eigen skade, so bryt han
då aldri sin eid. 5 Han låner ikkje sine pengar ut for
renta og tek ikkje mutor imot den saklause. Den som
gjer dette, skal i all æva ikkje verta rikka.

**16** Ein miktam av David. Vakta meg, Gud! for eg flyr
til deg. 2 Eg segjer til Herren: «Du er min Herre;
eg hev inkje godt utan deg. 3 Og dei heilage som er i
landet, dei er dei herlege som eg hev all min hugnad
i.» 4 Mange sorger skal dei hava som byter åt seg ein
annan; eg vil ikkje renna ut deira drykkoffer av blod og
ikkje taka deira namn på mine lippor. 5 Herren er min
tilmælte deil og mitt staup; du held min lut i hævd. 6
Ein lut er meg tilfallen som er av dei huglege, ja, ein
arv som eg finn fager. 7 Eg vil lova Herren som gav
meg råd; endå um næterne minner mine nyro meg um
det. 8 Eg set alltid Herren framfyre meg; for han er ved
mi høgre hand, eg skal ikkje verta rikka. 9 Difor gled
mitt hjarta seg, og mi æra fagnar seg, ja, ogso mitt kjøt
skal kvila i trygd. 10 For du vil ikkje yverlata mi sjæl til
helheimen, du vil ikkje lata din heilage sjå undergang.
(Sheol h7585) 11 Du vil kunngjera meg livsens veg; ei

nøgd med gleda er for di åsyn, fagnad ved di høgre
hand til æveleg tid.

**17** Ei bøn av David. Herre, høyr på rettvis sak, lyd
etter mitt rop, vend øyra til mi bøn frå saklause
lippor! **2** Lat min rett ganga ut frå ditt andlit, dine augo
skoda kva rett er! **3** Du prøver mitt hjarta, gjestar
det um natti, du ransakar meg, du finn ingen ting;
min tanke vik ikkje av frå min munn. **4** Mot det som
menneskje hev gjort meg, hev eg etter ordet frå dine
lippor teke meg i vare for valdsmanns stigar. **5** Mine
stig heldt seg stødt til dine farvegar, mine føtar snåva
ikkje. **6** Eg ropar til deg, for du svarar meg, Gud! Bøyg
ditt øyra til meg, høyr mitt ord! **7** Vis di underfulle
miskunn, du som frelsar deim som flyr til deg, frå deim
som stend imot di høgre hand! **8** Vakta meg som din
augnestein! gøym meg i skuggen av dine vengjer **9**
for dei ugudlege som øydelegg meg, mine fiendar til
dauden, som kringset meg! **10** Dei let sitt feite hjarta
att, med sin munn talar dei i ovmod. **11** Kvar me gjeng,
kringgjeng dei oss no; sine augo set dei på å støyta
meg ned til jordi. **12** Han er lik ei løva som stundar
etter å riva sund, og ei ungløva som ligg i løyne. **13**
Statt upp, Herre, stig fram imot honom, støyt honom
ned, frels mi sjæl frå den ugudlege med ditt sverd, **14**
frå menner med di hand, Herre, frå menner av denne
verdi, som hev sin lut i dette liv, og som du fyller buken
på med dine skattar, dei som er rike på søner og let
sine avleivor etter seg til sine born! **15** Eg skal i rettferd
skoda ditt andlit, eg skal, når eg vaknar, mettast av di
åsyn.

**18** Til songmeisteren; av Herrens tenar David, som
førde fram for Herren ordi i denne songen den
dag då Herren hadde frelst honom frå alle hans fiendar
og frå Saul. Og han sagde: Herre, eg hev deg hjarteleg
kjær, min styrke! **2** Herren er min berggrunn og mi
festning og min frelsar; min Gud er mitt berg som eg flyr
til, min skjold og mitt frelsehorn, mi borg. **3** Eg kallar på
Herren som er høglova, og vert frelst frå mine fiendar.
**4** Daudsens reip var spente um meg, og bekkjer av
vondskap skræmde meg. **5** Helheims reip var snørde
um meg, daudsens snaror fanga meg. **(Sheol h7585)** **6** I
mi trengsla kalla eg på Herren, og eg ropa til min Gud;
han høyrde frå sitt tempel mi røyst, og mitt rop kom for
hans andlit, til hans øyro. **7** Og jordi skok og riste seg,
og grunnvollarne i fjelli skalv, og dei skok seg, for han
var vreid. **8** Røyk steig upp or hans nase, og eld frå
hans munn åt um seg; gloande kol loga frå honom.
**9** Og han lægde himmelen og steig ned, og det var
kolmyrker under hans føter. **10** Og han for fram på
kerub, og flaug og sveiv på vengjerne åt vinden. **11**
Og han gjorde myrker til sitt åklæde rundt ikring seg,
til sitt tjeld myrke vatn, tjukke skyer. **12** Frå glansen
for hans andlit for hans skyer fram, hagl og gloande
kol. **13** Og Herren tora i himmelen, den Høgste let si
røyst ljoda: hagl og gloande kol. **14** Og han sende ut
sine piler og spreidde deim ikring, og eldingar i mengd
og fortulla deim. **15** Då kom djupålarne i vatnom til
synes, og grunnvollarne i jordi vart berrsynte ved ditt
trugsmål, Herre, ved andepusten frå din nase. **16** Han
rette ut handi frå det høge, han greip meg; han drog
meg upp or store vatn. **17** Han frelste meg frå min
megtige fiende og frå mine hatarar, for dei var meg for
sterke. **18** Dei for imot meg på min motgangs dag;
men Herren vart min studnad. **19** Han førde meg ut
i vidt rom; han frelste meg, for han hadde hugnad i
meg. **20** Herren gjorde med meg etter mi rettferd, han
lønte meg etter reinleiken i mine hender. **21** For eg
tok vare på Herrens vegar og fall ikkje i vondskap frå
min Gud. **22** For alle hans lover hadde eg for auga,
hans bodord støytte eg ikkje frå meg. **23** Og eg var
ulastande for honom og tok meg i vare for mi synd. **24**
Og Herren lønte meg etter mi rettferd, etter reinleiken
i mine hender for hans augo. **25** Mot den godlyndte
syner du deg godlyndt, mot ulastande mann syner du
deg ulastande, **26** mot den reine syner du deg rein, mot
den rangsnudde gjer du deg rang. **27** For du frelser
arme folk og tvingar høge augo ned. **28** For du let mi
lampa lysa klårt, Herren, min Gud, gjer mitt myrker
bjart. **29** For ved deg renner eg mot herflokkar, og ved
min Gud spring eg yver murar. **30** Gud, ulastande er
hans veg; Herrens ord er skirt, han er ein skjold for alle
deim som flyr til honom. **31** For kven er Gud forutan
Herren, og kven er eit berg utan vår Gud? **32** Den Gud
som gyrder meg med kraft og gjer min veg ulastande,
**33** som gjev meg føter liksom hindarne og set meg upp
på mine høgder, **34** som lærer upp mine hender til
strid, so mine armar spenner koparbogen. **35** Og du
gav meg di frelsa til skjold, di høgre hand studde meg,
og di småminking gjorde meg stor. **36** Du gjorde vidt
rom åt mine stig under meg, og mine oklo vagga ikkje.
**37** Eg forfylgde mine fiendar og nådde deim og vende
ikkje um fyrr eg hev gjort av med deim. **38** Eg slo deim
i knas, so dei vann ikkje reisa seg; dei fell under føter.
**39** Og du gyrde meg med kraft til striden; du bøygde
under meg deim som stod upp imot meg. **40** Du let
mine fiendar snu ryggen til meg, og mine hatarar, deim
rudde eg ut. **41** Dei ropa - men der var ingen frelsar - til
Herren, men han svarar deim ikkje. **42** Og eg smuldrar
deim som dust for vinden; som søyla på gator slo eg
deim ut. **43** Du frelste meg frå folke-ufred; du sette
meg til hovud for heidningar; folk som eg ikkje kjende,
tente meg. **44** Ved gjetordet um meg lydde dei meg;
framande folk smeikte for meg. **45** Framande folk visna

av og gjekk skjelvande ut or sine borger. **46** Herren
liver, og lova er han, mitt berg, og upphøgd er den Gud
som meg frelser, **47** den Gud som gjev meg hemn og
legg folkeslag under meg, **48** som frelser meg frå mine
fiendar; ja - du lyfter meg høgt yver deim som stend
imot meg, frå valdsmannen bergar du meg. **49** Difor vil
eg prisa deg millom heidningarne, Herre, og lovsyngja
ditt namn. **50** Han gjer frelsa stor for sin konge, og gjer
miskunn mot den som er salva av honom, mot David
og hans ætt til æveleg tid.

**19** Til songmeisteren; ein salme av David. Himlarne
fortel Guds æra, og kvelven forkynner kva hans
hender hev gjort. **2** Ein dag let sin tale strøyma ut til den
andre, og ei natt forkynner den andre sin kunnskap.
**3** Der er ikkje tale, der er ikkje ord; deira røyst vert
ikkje høyrd. **4** Ut yver all jordi gjeng deira mål, og til
heimsens ende deira ord. Åt soli sette han eit tjeld på
deim. **5** Og ho er lik ein brudgdom som gjeng ut or
sitt løynrom, gled seg som ei kjempa til å renna sitt
skeid. **6** Frå enden av himmelen er hennar utgang, og
hennar umlaup til andre enden av honom, og ingen
ting er duld for hennar hite. **7** Herrens lov er fullkomi,
ho kveikjer sjæli; Herrens vitnemål er trufast, det gjer
den einfalde vis. **8** Herrens fyresegner er rette, dei
gled hjarta; Herrens bodord er reint, det lyser upp
augo. **9** Herrens age er rein, han stend æveleg ved
lag; Herrens domar er sanning, dei er rettferdige alle
saman. **10** Dei er kostelegare enn gull, ja, fint gull
i mengd, og søtare enn honning, ja, honning som
dryp frå voks-kakorne. **11** Din tenar vert ogso åmint
ved deim; når ein held deim, er det stor løn. **12** Kven
merkar kor tidt han fer vilt? Forlat meg mine løynlege
brester! **13** Haldt og din tenar frå skamløysor, lat deim
ikkje få magt yver meg! So vert eg ulastande og utan
skuld for stor misgjerning. **14** Lat talen i min munn og
tanken i mitt hjarta vera til hugnad for di åsyn, Herre,
du mitt berg og min atterløysar!

**20** Til songmeisteren; ein salme av David. Herren
bønhøyre deg på trengselsdagen, namnet åt
Jakobs Gud berge deg! **2** Gjev han må senda deg hjelp
frå heilagdomen og stydja deg frå Sion! **3** Gjev han må
minnast alle dine grjonoffer og finna ditt brennoffer
godt! (Sela) **4** Han gjeve deg etter ditt hjarta og fullføre
alle dine råder! **5** Me vil fagna oss ved di frelsa og i
vår Guds namn lyfta sigermerket. Herren uppfylle alle
dine bøner! **6** No veit eg at Herren frelser den han
salva; han svarar honom frå sin heilage himmel med
frelsande storverk av si høgre hand. **7** Desse prisar
vogner, og hine prisar hestar, men me prisar namnet åt
Herren, vår Gud. **8** Dei sig i kne og fell, men me stend
og held oss uppe. **9** Herre, frels kongen! Han svare
oss den dag me ropar!

**21** Til songmeisteren; ein salme av David. Herre!
Kongen gled seg yver di magt, og kor høgt han
fagnar seg yver di frelsa! **2** Det hans hjarta ynskte, hev
du gjeve honom og ikkje neitta honom det hans lippor
bad um. (Sela) **3** For du kom honom til møtes med
velsigning av gode ting; du sette ei kruna av gull på
hans hovud. **4** Han bad deg um liv, du gav honom det,
eit langt liv æveleg og alltid. **5** Stor er hans æra ved
di frelsa; høgd og heider legg du på honom. **6** For
du set honom til velsigning for alle tider, du hugnar
honom med gleda for di åsyn. **7** For kongen set si lit
til Herren, og ved miskunn frå den Høgste skal han
ikkje verta rikka. **8** Di hand skal finna alle dine fiendar,
di høgre hand skal finna deim som hatar deg. **9** Du
skal gjera deim som ein gloande omn, når du viser di
åsyn; Herren skal rydja deim ut i sin vreide, og eld
fortæra deim. **10** Deira frukt skal du rydja ut av jordi
og deira avkoma millom menneskjeborni. **11** For dei
stila på vondt imot deg, dei lagde upp meinråder; dei
kann ingen ting. **12** For du skal få deim til å snu ryggen
til, med dine bogestrengjer sigtar du på deira andlit.
**13** Reis deg, Herre, i di magt! So vil me lovsyngja og
prisa ditt velde.

**22** Til songmeisteren etter «Morgonraudens hind»;
ein salme av David. Min Gud, min Gud, kvi hev
du forlate meg? Dei ord eg skrik ut, er langt burte frå
mi frelsa. **2** Min Gud! eg ropar um dagen, og du svarar
meg ikkje, og um natti, og eg fær ikkje tegja. **3** Og du
er då heilag, du som bur yver Israels lovsongar. **4** På
deg leit våre feder; dei leit på deg, og du frelste deim.
**5** Til deg ropa dei og slapp undan; på deg leit dei og
vart ikkje til skammar. **6** Men eg er ein makk og ikkje
ein mann, ei spott for menneskje og vanvyrd av folk. **7**
Alle som ser meg, spottar meg, rengjer munnen og
rister på hovudet og segjer: **8** «Legg det på Herren!
han frelse honom, han berge honom, sidan han hev
hugnad i honom!» **9** Ja, du er den som drog meg fram
frå morslivet, som let meg kvila trygt ved morsbrjostet.
**10** På deg er eg kasta frå morslivet, frå morsfanget
er du min Gud. **11** Ver ikkje langt burte frå meg! for
trengsla er nær, for det finst ingen hjelpar. **12** Sterke
uksar ringar meg inne, Basans stutar kringset meg. **13**
Dei spilar upp sitt gap imot meg, som ei flengjande og
burande løva. **14** Eg er runnen ut som vatn, og alle
mine bein skilst frå kvarandre; mitt hjarta hev vorte
voks, smolte inst i mitt liv. **15** Mi kraft er uppturka som
eit krusbrot, mi tunga kleimer seg til min gom, og du
legg meg ned i daudens dust. **16** For hundar hev sanka
seg um meg, ein hop av illmenne kringsett meg; dei

hev gjenombora mine hender og mine føter. 17 Eg
kann telja alle mine bein; dei skodar til, dei ser på meg
med lyst. 18 Dei skifte mine klæde millom seg og kasta
lut um min kjole. 19 Men du, Herre, ver ikkje langt
burte, du min styrke, skunda deg å hjelpa meg! 20 Fria
mi sjæl frå sverdet, mi einaste frå hundevald! 21 Frels
meg frå løvegap, og frå villukse-horn - du bønhøyrer
meg! 22 Eg vil forkynna ditt namn for mine brør, midt i
ålmugen vil eg lova deg. 23 De som ottast Herren, lova
honom, all Jakobs ætt, æra honom, og hav age for
honom, all Israels ætt! 24 For han hev ikkje vanvyrdt og
ikkje stygst ved ein armings armodsdom, og ikkje løynt
si åsyn for honom; men då han ropa til honom, høyrde
han. 25 Frå deg kjem min lovsong i ein stor ålmuge;
eg vil avgjera mine lovnader for deira augo som ottast
honom. 26 Dei audmjuke skal eta og verta mette; dei
som søkjer Herren, skal lova honom. Dykkar hjarta live
til æveleg tid! 27 Alle endarne av jordi skal koma det i
hug og venda um til Herren, og alle heidninge-ætter
skal tilbeda for di åsyn. 28 For riket høyrer Herren til,
og han råder yver alle hedningarne. 29 Alle rikmenner
på jordi skal eta og tilbeda; for hans åsyn skal dei
bøygja kne, alle dei som stig ned i dusti, og den som
ikkje kann halda si sjæl i live. 30 Etterkomarar skal
tena honom; det skal verta fortalt um Herren til den
komande ætt. 31 Dei skal koma og forkynna hans
rettferd for det folk som vert født, at han hev gjort det.

**23** Ein salme av David. Herren er min hyrding,
det vantar meg ingen ting. 2 Han fører meg til
læger på grøne engjar; han leider meg til vatn der
eg finn kvila. 3 Han kveikjer mi sjæl, han fører meg
på rettferds stigar for sitt namn skuld. 4 Endå um eg
gjeng i daudeskuggens dal, so ottast eg ikkje for noko
vondt; for du er med meg, din kjepp og din stav dei
trøystar meg. 5 Du dukar bord åt meg framfor augo på
mine fiendar, du salvar mitt hovud med olje; det fløder
yver mitt staup. 6 Berre lukka og miskunn skal fylgja
meg alle mine livdagar, og eg skal bu i Herrens hus i
ævelengd.

**24** Av David, ein salme. Jordi høyrer Herren til -
og alt det som fyller henne, jordriket og dei som
bur i det. 2 For han hev grunnlagt henne på havi og
grunnfest henne på strøymande vatn. 3 Kven skal
stiga upp på Herrens fjell, og kven skal standa på hans
heilage stad? 4 Den som hev skuldlause hender og
reint hjarta, som ikkje hev vendt sin hug til lygn og
ikkje svore med svik. 5 Han skal bera velsigning med
frå Herren og rettferd frå Gud, sin frelsar. 6 Dette er
deira ætt som spør etter honom, dei som søkjer di
åsyn, Jakobs born. (Sela) 7 De portar, lyft upp dykkar
hovud! ja lyft dykk upp, de ævelege dører, so kongen
den herlege kann koma inn! 8 Kven er kongen den
herlege? Herren sterk og veldug, Herren veldug i strid.
9 De portar, lyft upp dykkar hovud! ja lyft dykk upp, de
ævelege dører, so kongen den herlege kann koma inn!
10 Kven er då kongen den herlege? Herren, allhers
drott; han er kongen den herlege. (Sela)

**25** Av David. Herre, til deg lyfter eg mi sjæl. 2 Min
Gud, til deg hev eg sett mi lit; lat meg ikkje verta
til skammar; lat ikkje mine fiendar gilda seg yver meg!
3 Ja, ingen av deim som ventar på deg, skal verta til
skammar; men dei skal verta til skammar, som utan
årsak bryt si tru. 4 Herre, lat meg kjenna dine vegar,
lær meg dine stigar! 5 Leid meg fram i di sanning og
lær meg! for du er Gud, min frelsar, på deg ventar eg all
dagen. 6 Herre, kom i hug di miskunn og din nåde! for
dei er frå æveleg tid. 7 Kom ikkje i hug min ungdoms
synder og mine misgjerningar; kom meg i hug etter di
miskunn for din godhug skuld, Herre! 8 Herren er god
og rettvis; difor lærer han syndarar vegen. 9 Han leider
dei audmjuke i det som rett er, og lærer dei audmjuke
sin veg. 10 Alle Herrens stigar er nåde og sanning mot
deim som held hans pakt og hans vitnemål. 11 For ditt
namn skuld, Herre, forlat meg mi skuld, for ho er stor!
12 Kven er den mann som ottast Herren? Honom lærer
han den veg han skal velja. 13 Hans sjæl skal stødt bu
i sæla, og hans avkjøme skal erva landet. 14 Herren
hev samlag med deim som ottast honom, og si pakt vil
han kunngjera deim. 15 Mine augo er stendigt vende til
Herren, for han dreg mine føter ut or garnet. 16 Vend
deg til meg og ver meg nådig! for eg er einsleg og
arm. 17 Min hjarteverk hev dei gjort stor; før meg ut or
mine trengslor! 18 Sjå min armodsdom og mi møda,
og forlat meg alle mine synder! 19 Sjå mine fiendar, at
dei er mange! og dei hatar meg med rettarlaust hat.
20 Vara mi sjæl og frels meg! Lat meg ikkje verta til
skammar! for eg flyr til deg. 21 Lat uskyld og trurøkna
verja meg, for eg ventar på deg. 22 Å Gud, løys Israel
ut or alle sine trengslor!

**26** Av David. Søm meg til min rett, Herre! for eg
hev fare fram i mi uskyld, og til Herren hev eg
sett mi lit uruggeleg. 2 Prøv meg, Herre, og freista
meg, ransaka mine nyro og mitt hjarta! 3 For din nåde
er for mine augo, og eg ferdast i di sanning. 4 Eg sit
ikkje saman med falske menner og gjeng ikkje inn hjå
fule folk. 5 Eg hatar samkoma av illmenne, og hjå
dei ugudlege sit eg ikkje. 6 Eg tvær mine hender i
uskyld og vil gjerne ferdast um ditt altar, Herre, 7 til
å kveda lydt med lovsongs røyst og fortelja um alle
dine under. 8 Herre, eg elskar di husvist og den stad
der din herlegdom bur. 9 Rykk ikkje mi sjæl burt med
syndarar eller mitt liv med blodgiruge menner, 10 som

hev skamgjerd i sine hender og si høgre hand full av
mutor. 11 Men eg fer fram i mi uskyld; løys meg ut
og ver meg nådig! 12 Min fot stend på slettlende. I
samlingarne skal eg lova Herren.

**27** Av David. Herren er mitt ljos og mi frelsa, kven
skulde eg ottast for? Herren er verni for mitt liv,
kven skulde eg ræddast for? 2 Når illmenne søkjer på
meg og vil eta mitt kjøt, mine motstandarar og mine
fiendar, so snåvar og fell dei sjølve. 3 Um ein her
lægrar seg imot meg, so ottast ikkje mitt hjarta; um
ufred reiser seg imot meg, er eg endå hugheil. 4 Eitt
hev eg bede Herren um, det stundar eg etter: at eg
må bu i Herrens hus alle mine livdagar, so eg kann
skoda Herrens ynde og grunda i hans tempel. 5 For
han gøymer meg i sitt hus på den vonde dag, han
løyner meg i løynrom i sitt tjeld; han fører meg upp på
eit berg. 6 Og no skal mitt hovud vera upphøgd seg
yver mine fiendar rundt ikring meg, og eg vil bera fram
offer med fagnadljod i hans tjeld, eg vil syngja og leika
for Herren. 7 Høyr, Herre, eg ropar høgt; og ver meg
nådig og svara meg! 8 Mitt hjarta ber fram for deg
ditt ord: «Søk mi åsyn!» Herre, eg søkjer di åsyn. 9
Løyn ikkje di åsyn for meg, vis ikkje din tenar frå deg
i vreide! Du hev vore mi hjelp. Støyt meg ikkje burt
og forlat meg ikkje, du Gud som er mi frelsa! 10 For
far min og mor mi hev forlate meg, men Herren tek
meg upp. 11 Lær meg, Herre, din veg, og leid meg på
den jamne stig for deira skuld som lurer på meg! 12
Gjev meg ikkje til deira mordhug som trengjer meg! for
falske vitne stend upp imot meg, og folk som frøser av
vald. 13 Å, dersom eg ikkje trudde at eg skulde få sjå
Herrens godhug i livsens land -! 14 Venta på Herren,
ver hugheil, og lat ditt hjarta verta sterkt. Ja, venta på
Herren!

**28** Av David. Til deg, Herre, ropar eg: mitt berg, ver
ikkje tagall imot meg, so eg ikkje, når du tegjer til
meg, skal verta lik deim som fer ned i gravi! 2 Høyr
røysti av mine audmjuke bøner, når eg ropar til deg, når
eg lyfter mine hender til din heilage høgkor. 3 Riv meg
ikkje burt med dei ugudlege og med ugjerningsmenner,
dei som talar um fred med sin næste, men med vondt i
sitt hjarta. 4 Gjev deim etter deira gjerning og etter
vondskapen i deira verk! Gjev deim etter det deira
hender hev gjort, løn deim som dei hev fortent! 5
For dei legg ikkje merke til Herrens gjerningar eller til
verket av hans hender; han vil riva deim ned og ikkje
byggja deim upp. 6 Lova vere Herren, for han hev
høyrt røysti av mine audmjuke bøner! 7 Herren er min
styrke og min skjold; på honom leit mitt hjarta, og eg
fekk hjelp. Difor fagnar mitt hjarta seg høgt, og eg vil
prisa honom med min song. 8 Herren er styrke for sitt
folk, og ei vern til frelsa for den han hev salva. 9 Frels
ditt folk og velsigna din arv, og fød deim og ber deim til
æveleg tid!

**29** Ein salme av David. Gjev Herren, de Guds
søner, gjev Herren æra og magt! 2 Gjev Herren
hans namns æra, tilbed Herren i heilag prydnad! 3
Herrens røyst ljodar yver vatni, Gud den herlege torar,
Herren yver dei store vatn. 4 Herrens røyst ljodar med
velde, Herrens røyst med herlegdom. 5 Herrens røyst
bryt sund cedertre, ja, Herren bryt sund cedertrei på
Libanon. 6 Og han fær deim til å hoppa som ein kalv,
Libanon og Sirjon som ein ung villukse. 7 Herrens
røyst sprengjer eldslogar fram. 8 Herrens røyst fær
øydemarki til å skjelva, Herren fær øydemarki ved
Kades til å skjelva. 9 Herrens røyst fær hindarne til å
kalva og snøyder skogarne, og i hans tempel segjer
alt: «Æra!» 10 Herren sat yver storflodi, og Herren sit
konge til æveleg tid. 11 Herren gjeve sitt folk styrke,
Herren velsigne sitt folk med fred!

**30** Ein salme, ein song då huset vart vigt av David.
Høgt vil eg lova deg, Herre, for du hev drege
meg upp og ikkje late mine fiendar gleda seg yver meg.
2 Herre, min Gud, eg ropa til deg, og du lækte meg.
3 Herre, du hev ført meg upp frå helheimen, du hev
vakt meg upp til liv frå deim som fer ned i gravi. **(Sheol
h7585)** 4 Syng lov til Herren, de hans trugne, og prisa
hans heilage namn! 5 For ein augneblink varer hans
vreide, ei heil levetid hans nåde; um kvelden kjem gråt
til gjest, men til morgons vert det gledesong. 6 Men
eg sagde i min tryggleik: «Eg skal ikkje verta rikka i
all æva.» 7 Herre, ved din nåde hadde du grunnfest
mitt fjell; du løynde di åsyn, då vart eg forfærd. 8 Til
deg, Herre, ropa eg, og til Herren bad eg inderleg: 9
«Kva vinning er det i mitt blod, i at eg fer ned i gravi?
Kann mold prisa deg, forkynna din truskap? 10 Herre,
høyr og ver meg nådig! Herre, ver min hjelpar!» 11 Du
vende mi sorg um til dans for meg, du klædde av meg
min syrgjebunad og gyrde meg med gleda, 12 so mi
æra kann lovsyngja deg og ikkje tagna. Herre, min
Gud, eg vil æveleg prisa deg.

**31** Til songmeisteren; ein salme av David. Herre, eg
flyr til deg; lat meg aldri i æva verta til skammar!
Frels meg ved di rettferd! 2 Bøyg ditt øyra til meg,
berga meg snart, ver meg eit festningsberg, ei fast
borg til å frelsa meg! 3 For du er mitt berg og mi borg,
og for ditt namn skuld vil du føra og leida meg. 4 Du
vil føra meg ut or garnet som dei løynleg hev sett for
meg; for du er mi vern. 5 I di hand yvergjev eg mi
ånd; du løyser meg ut, Herre, du trufaste Gud. 6 Eg
hatar deim som dyrkar tome avgudar, men eg, eg set

mi lit til Herren. 7 Eg vil fagna meg og gleda meg
yver di miskunn, at du hev set min armodsdom, kjært
deg um mi sjælenaud. 8 Og du hev ikkje gjeve meg i
fiendehand, du hev sett mine føter på romlendt stad. 9
Ver meg nådig, Herre, for eg vert trengd! Mitt auga er
upptært av hugverk, ja, mi sjæl og min likam. 10 For
mitt liv kverv burt med sorg, og mine år med sukk; mi
kraft fell av for mi misgjerning skuld, og mine bein er
utmødde. 11 For alle mine motstandarar skuld hev
eg vorte til skam, ja, til stor skam for mine grannar,
og til skræma for mine kjenningar; dei som ser meg
på gata, flyr undan for meg. 12 Eg er gløymd som
ein daud mann, ute or hjarta; eg hev vorte som eit
sundbrotnande kjerald. 13 For eg høyrer baktale av
mange, rædsla rundt ikring, med di dei legg råd saman
imot meg; dei lurer på å taka mitt liv. 14 Men eg, eg set
mi lit til deg Herre; eg segjer: «Du er min Gud.» 15 I di
hand stend mine tider; berga meg or handi på mine
fiendar, og frå deim som forfylgjer meg! 16 Lat di åsyn
lysa yver din tenar, frels meg ved di miskunn! 17 Herre,
lat meg ikkje verta til skammar, for eg ropar til deg; lat
dei ugudlege verta til skammar og tagna i helheimen!
(Sheol h7585) 18 Lat lygn-lippor verta mållause som
talar skamdjervt mot den rettferdige, med ovmod og
uvyrdnad! 19 Kor stor er din godhug, som du hev
gøymt åt deim som ottast deg, som du hev vist mot
deim som flyr til deg, for augo på menneskjeborni! 20
Du løyner deim i løynrom for di åsyn mot samansvorne
menner, du gøymer deim i ei bud mot kiv av tungor.
21 Lova vere Herren, for han hev gjort si miskunn
underfull imot meg i ein fast by! 22 Og eg, eg sagde
i mi hugsott: «Eg er burtriven frå dine augo!» men
endå høyrde du røysti av mine audmjuke bøner, då eg
ropa til deg. 23 Elska Herren, alle hans trugne! Herren
vaktar dei trufaste, men gjev rikeleg attergjeld til den
som fer med ovmod. 24 Ver hugheile og lat dykkar
hjarta vera sterkt, alle de som ventar på Herren!

**32** Av David; ein song til lærdom. Sæl er den som
hans misgjerd er forlati og hans synd yverbreidd!
2 Sælt er det menneskje som Herren ikkje tilreknar
skuld, og som er utan svik i si ånd! 3 Då eg tagde,
morkna mine bein, med di eg stunde heile dagen. 4
For dag og natt låg di hand tungt på meg, mi livssaft
torna ut som i sumarturken. (Sela) 5 Eg kjendest ved
mi synd for deg og dulde ikkje mi skuld; eg sagde: «Eg
vil sanna mine misgjerningar for Herren.» Og du tok
burt mi syndeskuld. (Sela) 6 Difor skal kvar som er
trugen beda til deg den tid du er finnande; sanneleg,
um store vatsfløde kjem, til honom skal dei ikkje nå. 7
Du er mi gøymsla, du vaktar meg for trengsla, du let
fagnadrop um frelsa ljoda ikring meg. (Sela) 8 Eg vil
læra deg og visa deg den vegen du skal ganga; eg
vil gjeva deg råd med mitt auga på deg. 9 Ver ikkje
som hest og muldyr som ikkje hev vit: deira prydnad er
taum og beisl til å tvinga deim, elles kjem dei ikkje nær
til deg. 10 Den ugudlege hev mange pinor, men den
som lit på Herren, honom kransar han med miskunn.
11 Gled dykk i Herren og fegnast, de rettferdige, og
syng av fagnad, alle de trurøkne i hjarta!

**33** Fagna dykk høgt i Herren, de rettferdige! For
de trurøkne sømer seg lovsong. 2 Prisa Herren
med strengeleik, lovsyng honom til tistrengja harpa!
3 Syng honom ein ny song, rør strengen fagert med
fagnadljod. 4 For Herrens ord er ærleg meint, og all
hans gjerning er trufast. 5 Han elskar rettferd og rett;
av Herrens nåde er jordi full. 6 Himlarne er skapte ved
Herrens ord, og all deira her ved hans munns ande. 7
Han samlar havsens vatn som ei muga, legg dei djupe
vatn i upplagshus. 8 All jordi må ottast for Herren, for
honom ræddast alle som bur i mannheimen. 9 For
han tala, og so vart det; han baud, og so stod det der.
10 Herren spiller heidningefolks råd, gjer folkeslags
tankar til inkjes. 11 Herrens råd stend ved lag i all æva,
hans hjartans tankar frå ætt til ætt. 12 Sælt er det folk
som hev Herren til sin Gud, det folk som han valde ut
til sin arv. 13 Frå himmelen skodar Herren ned, han
ser alle menneskjeborni. 14 Frå den staden der han
bur, ser han ned til alle som bur på jordi, 15 han som
lagar deira hjarto alle saman, han som merkar alle
deira gjerningar. 16 Ein konge vert ikkje frelst ved sin
store styrke, ei kjempa ikkje berga ved si store kraft.
17 Hesten er sviksam hjelp til frelsa, og med sin store
styrke bergar han ikkje. 18 Sjå, Herrens auga ser til
deim som ottast honom, som ventar på hans nåde 19
til å fria deira sjæl frå dauden og halda deim i live i
hungersnaud. 20 Vår sjæl stundar på Herren; han er
vår hjelp og vår skjold. 21 For i honom gled vårt hjarta
seg, for me set vår lit til hans heilage namn. 22 Di
nåde, Herre, vere yver oss, so som me vonar på deg!

**34** Av David, då han gjorde seg galen hjå Abimelek,
so han jaga honom av, og han gjekk burt. Eg
vil lova Herren alle tider, hans pris skal stendigt vera
i min munn. 2 Mi sjæl skal rosa seg av Herren; dei
spaklyndte skal høyra det og gleda seg. 3 Lova Herren
storleg med meg, og lat oss saman upphøgja hans
namn! 4 Eg søkte Herren, og han svara meg og fria
meg frå alle mine rædslor. 5 Dei som skoda upp
til honom, lyste av gleda, og deira andlit turvte aldri
blygjast. 6 Her er ein arming som ropa, og Herren
høyrde og frelste honom frå alle hans trengslor. 7
Herrens englar lægrar seg rundt ikring deim som ottast
honom, og han friar deim ut. 8 Smaka og sjå at Herren

er god! Sæl er den mann som flyr til honom. 9 Ottast
Herren, de hans heilage, for inkje vantar dei som ottast
honom. 10 Unge løvor lid naud og svelt, men dei som
søkjer Herren, deim vantar det inkje godt. 11 Kom
born, høyr meg! Eg vil læra dykk otte for Herren. 12
Kven er den mann som hev lyst til liv, som ynskjer
seg dagar til å sjå lukka? 13 Vakta di tunga frå det
som vondt er, og lippor for svikfull tale! 14 Vik burt
frå det vonde og gjer det gode, søk fred og far etter
honom! 15 Herrens augo er vende til dei rettferdige,
og hans øyro til deira rop. 16 Herrens åsyn er imot
deim som gjer vondt, til å rydja ut deira minne frå jordi.
17 Hine ropar, og Herren høyrer og friar deim ut or
alle deira trengslor. 18 Herren er nær hjå deim som
hev eit sundbrote hjarta, og frelser deim som hev ei
hugsprengd ånd. 19 Mange ulukkor kjem yver den
rettferdige, men Herren friar honom ut or deim alle. 20
Herren tek vare på alle hans bein, ikkje eitt av deim
vert brote. 21 Ulukka drep den ugudlege, og dei som
hatar den rettferdige, vert saka. 22 Herren løyser ut
deira sjæl som tener honom, og av dei som flyr til
honom, vert ingen saka.

**35** Av David. Herre, før mi sak mot deim som hev
sak mot meg! Strid mot deim som strider mot
meg! 2 Grip skjold og verja og reis deg til hjelp for
meg! 3 Drag spjotet fram og steng vegen for deim
som forfylgjer meg! Seg til mi sjæl: «Eg er di frelsa!» 4
Lat deim blygjast og skjemmast, som stend meg etter
livet! Lat deim vika attende med skam, som vil meg
noko vondt! 5 Lat deim verta som agner for vind, og
Herrens engel støyte deim burt! 6 Lat deira veg verta
myrk og hål, og Herrens engel forfylgje deim! 7 For
utan orsak hev dei løynt si grav med garn åt meg, utan
orsak hev dei grave ei grav for mitt liv. 8 Lat tjon koma
yver honom, når han ikkje veit det, og det garn han
løynde fanga honom; lat honom falla i det til sitt tjon! 9
Og mi sjæl skal gleda seg i Herren, fagna seg i hans
frelsa. 10 Alle mine bein skal segja: «Herre, kven er
som du, du som friar den arme frå ein som er honom
for sterk, den arme og fatige frå den som plundrar
honom?» 11 Det stend upp mange vitne; dei spør meg
um det som eg ikkje veit. 12 Dei gjev meg vondt til løn
for godt; mi sjæl er lati åleine. 13 Men eg, eg gjekk i
syrgjeklæde, då dei var sjuke; eg pinte mi sjæl med
fasta, og mi bøn vende att til min barm. 14 Eg gjekk
ikring, som det skulde vore min ven, min bror; eg gjekk
bøygd og svartklædd, som ein som syrgjer på mor si.
15 Men no, då det hallar med meg, no gled dei seg og
flokkar seg saman; det flokkast mot meg fantar og folk
eg ikkje kjenner; dei riv sund og kviler ikkje. 16 Liksom
skamløysor som driv spott for ein brødbite, so skjer
dei tenner imot meg. 17 Herre, kor lenge vil du sjå
på? Drag mi sjæl undan deira herverk, mitt einaste frå
unge løvor! 18 Eg vil prisa deg i ei stor samling, lova
deg millom mykje folk. 19 Lat deim som utan grunn er
mine fiendar ikkje gleda seg yver meg! Lat deim som
hatar meg utan orsak ikkje blinka med auga! 20 For
dei talar ikkje fred, men tenkjer upp svikande ord mot
dei stille i landet. 21 Og dei riv sin munn vidt upp imot
meg, dei segjer: «Ha, ha! Vårt auga hev set det!» 22
Du ser det, Herre, teg ikkje! Herre, ver ikkje langt ifrå
meg! 23 Vakna upp og vert vaken til å gjeva meg rett,
min Gud og Herre, til å føra mi sak! 24 Døm meg etter
di rettferd, Herre min Gud, og lat deim ikkje gleda seg
yver meg! 25 Lat deim ikkje segja i sitt hjarta: «Ha,
det er vår lyst!» Lat deim ikkje segja: «Me hev gløypt
honom upp!» 26 Lat deim skjemmast og blygjast alle
saman som gled seg i mi ulukka; lat deim klæda seg i
skam og skjemsla, dei som høgmodast yver meg! 27
Lat deim fagna seg og gleda seg, som unner meg min
rett, og lat deim alltid segja: «Høglova vere Herren,
som unner sin tenar at det gjeng honom godt!» 28 Og
mi tunga skal kveda ut di rettferd, heile dagen din pris.

**36** Til songmeisteren; av Herrens tenar David. Dei
ord som syndi gjev den ugudlege inn, kjenner eg
i mitt inste hjarta. Ingen ræddhug for Gud er det for
hans augo. 2 For ein høler honom i augo ved å finna
hans synd, ved å hata honom. 3 Ordi i hans munn er
urett og svik; han hev halde upp å fara visleg åt, å
gjera godt. 4 Han tenkjer upp urett på sitt lægje; han
stig ut på ein veg som ikkje er god; han styggjest ikkje
frå det vonde. 5 Herre, til himmelen når di miskunn,
din truskap upp til dei høge skyer. 6 Di rettferd er
som Guds fjellhøgder, dine domar er ei stort havdjup;
menneskje og dyr frelser du, Herre! 7 Kor dyrverdig er
di miskunn, Gud! Og menneskjeborni flyr inn i skuggen
av dine vengjer. 8 Dei vert mette til fullnad av det feite
i ditt hus, og av din yverflødande fagnad gjev du deim
å drikka. 9 For hjå deg er livsens kjelda, i ditt ljos ser
me ljos. 10 Lat di miskunn vara lenge for deim som
kjenner deg, og di rettferd for dei trurøkne i hjarta!
11 Lat ikkje ovmods fot koma yver meg, og hand av
ugudlege ikkje jaga meg burt! 12 Der fell dei som gjer
urett; dei vert støytte ned og kann ikkje standa upp.

**37** Av David. Vreidskast ikkje yver
illgjerningsmennerne, harmast ikkje yver deim
som gjer urett! 2 For liksom gras vert dei brått
avskorne, og som grøne urter visnar dei burt. 3 Lit på
Herren og gjer det gode, bu i landet og legg vinn på
truskap! 4 Og hugnast i Herren, so skal han gjeva deg
det som ditt hjarta ynskjer. 5 Gjev Herren din veg i
vald, og lit på honom! Han skal gjera det; 6 og han

skal lata di rettferd ganga fram som ljoset, og din rett
som middagsklåren. 7 Ver still for Herren og stunda
på honom! Vreidast ikkje yver den som hev lukka på
sin veg, den mannen som legg upp meinråd! 8 Haldt
deg frå vreide, lat harm fara, vreidast ikkje, det er
berre til å gjera ilt! 9 For illgjerningsmenner skal verta
utrudde, men dei som ventar på Herren, dei skal erva
landet. 10 Og um ei liti stund er den ugudlege ikkje til,
og legg du merke til hans stad, so er han der ikkje.
11 Men dei spaklyndte skal erva landet og hugnast
ved mykjen fred. 12 Den ugudlege tenkjer upp vondt
imot den rettferdige og skjer tenner imot honom. 13
Herren lær åt honom; for han ser at hans dag kjem. 14
Dei ugudlege dreg sverdet og spenner sin boge til å
fella den arme og fatige og myrda deim som fer ærleg
fram. 15 Deira sverd skal ganga inn i deira eige hjarta,
og deira bogar verta brotne sund. 16 Betre er det
vesle den rettferdige hev, enn mykje gods hjå mange
ugudlege. 17 For armarne vert brotne på dei ugudlege,
men Herren styd dei rettferdige. 18 Herren kjenner dei
dagar dei ulastande skal liva, og deira arv skal vara til
æveleg tid. 19 Dei skal ikkje verta til skammar i den
vonde tid, og i hungers dagar skal dei verta mette. 20
For dei ugudlege skal ganga til grunnar, og Herrens
fiendar som blomeskrud på engjar; dei kverv som røyk,
kverv burt. 21 Den ugudlege låner og gjev ikkje att,
men den rettferdige gjer miskunn og gjev. 22 For dei
han velsignar, skal erva landet; men dei han forbannar,
skal verta utrudde. 23 Herren gjer ein manns steg
faste, og han hev hugnad i hans veg. 24 Når han fell,
vert han ikkje støypt til marki; for Herren styd hans
hand. 25 Eg hev vore ung og vorte gamall, men aldri
hev eg set den rettferdige forlaten eller hans born beda
um brød. 26 Heile dagen gjer han miskunn og låner ut,
og hans born vert velsigna. 27 Vik frå det vonde og
gjer det gode, so vert du æveleg buande i landet. 28
For Herren elskar rett og forlet ikkje sine trugne; til
æveleg tid vert dei haldne uppe; men avkjøme av
ugudlege vert utrudt. 29 Dei rettferdige skal erva landet
og bu i det til æveleg tid. 30 Rettferdig manns munn
andar visdom, og hans tunga taler det som rett er.
31 Hans Guds lov er i hans hjarta, hans stig er ikkje
ustøde. 32 Dei ugudlege lurer på den rettferdige og
søkjer å drepa honom. 33 Herren yvergjev honom
ikkje i hans hand og fordømer honom ikkje, når han
vert dømd. 34 Venta på Herren og haldt deg på hans
veg! so skal han upphøgja deg til å erva landet; du
skal sjå på at dei ugudlege vert utrudde. 35 Eg såg
ein ugudleg ovrikjen mann, og han breidde seg ut
som eit heimevakse tre med sitt grøne lauv. 36 Men
han gjekk burt, og sjå, han var ikkje meir, og eg leita
etter honom, men han vart ikkje funnen. 37 Merk deg
den ulastande mann, og sjå på den rett-tenkte, at
freds mann hev ei framtid. 38 Men dei fråfalne vert alle
saman utøydde, framtidi vert avskori for dei ugudlege.
39 Og frelsa for dei rettferdige kjem frå Herren, deira
sterke vern i trengsels tid. 40 Og Herren hjelper deim
og friar deim ut, han friar deim frå dei ugudlege og
frelser deim, for dei flyr til honom.

**38** Ein salme av David; til minnesofferet. Herre, refs
meg ikkje i din vreide, og tukta meg ikkje i din
harm! 2 For dine piler er farne ned i meg, og di hand
hev falle tungt på meg. 3 Det finst inkje friskt i mitt kjøt
for din vreide skuld; det er ikkje fred i mine bein for mi
synd skuld. 4 For mine misgjerningar stig meg yver
hovudet, som ei tung byrd er dei meg for tunge. 5 Det
luftar ilt av mine sår, dei renn av verk for min dårskap
skuld. 6 Eg er krøkt, reint samanbøygd, heile dagen
gjeng eg svartklædd. 7 For mine lender er fulle av
brand, og det finst inkje frisk i mitt kjøt. 8 Eg er reint
valen og sundslegen, eg skrik høgt av hjartestynjing. 9
Herre, for di åsyn er alt mitt ynskje, og min sukk er
ikkje løynd for deg. 10 Mitt hjarta slær hardt, mi kraft
hev forlate meg, og jamvel mine augo hev mist sitt ljos
for meg. 11 Mine vener og frendar held seg undan frå
mi plåga, og mine næmaste stend langt burte. 12 Og
dei som ligg etter mitt liv, dei legg ut snaror, og dei som
søkjer mi ulukka, dei talar um undergang og tenkjer
på svik heile dagen. 13 Og eg er som ein dauv, eg
høyrer ikkje, og liksom ein mållaus som ikkje let upp
sin munn. 14 Ja, eg er som ein mann som ikkje høyrer,
og som ikkje hev motmæle i sin munn. 15 For til deg,
Herre, stend mi von; du vil svara meg, Herre, min Gud!
16 For eg segjer: «Dei vil elles gleda seg yver meg; når
min fot vaggar, høgmodast dei yver meg.» 17 For eg
er nær på å falla, og min hugverk er stendigt framfyre
meg. 18 For eg må sanna mi skuld, syrgja yver mi
synd. 19 Og mine fiendar liver, dei er mannsterke, og
dei er mange som hatar meg utan orsak. 20 Og dei
som løner godt med vondt, stend meg imot, av di eg
fer etter det gode. 21 Forlat meg ikkje, Herre! Min Gud,
ver ikkje langt ifrå meg! 22 Kom meg snart til hjelp,
Herre, mi frelsa!

**39** Til songmeisteren, til Jedutun; ein salme av
David. Eg sagde: «Eg vil vakta mine vegar, so
eg ikkje syndar med mi tunga; eg vil leggja taum på
min munn, so lenge den ugudlege er meg for augo.»
2 Eg tagna og var kurende still; eg tagde utan von
um lukka, men mi liding vart rørd upp. 3 Mitt hjarta
brann i min barm; ved mi grunding kveiktest eld - eg
tala med mi tunga. 4 Herre, lat meg få vita min ende
og målet på mine dagar, kva det er; lat meg vita kor
snargjengd eg er! 5 Sjå, som ei lovebreidd hev du sett

mine dagar, og mi livstid er som ingen ting for deg;
berre som den tome fåfengd er kvart menneskje sett
her. (Sela) 6 Berre som ein skugge gjeng mannen
ikring, berre til fåfengs ståkar dei; han dungar i hop og
veit ikkje kven som skal sanka det inn. 7 Og no, kva
vonar eg, Herre? Mi von stend til deg. 8 Frels meg
frå alle mine misgjerningar, set meg ikkje til spott for
dåren! 9 Eg er tagna og let ikkje upp min munn; for du
hev gjort det. 10 Tak di plåga burt frå meg! Ved slag av
di hand er det ute med meg. 11 Tuktar du ein mann
med refsing for skuld, so fortærer du hans fagerleik
som motten. Berre fåfengd er kvart menneskje. (Sela)
12 Høyr mi bøn, Herre, og vend øyra til mitt rop; teg
ikkje til min gråt! for eg er framand hjå deg, ein gjest
som alle mine feder. 13 Sjå burt frå meg, so eg kann
kvikna til, fyrr eg fer herifrå og er ikkje meir!

**40** Til songmeisteren, av David; ein salme. Eg venta
og venta på Herren, so bøygde han seg til meg
og høyrde mitt rop. 2 Og han drog meg upp or den
tynande grav, or søkkjedya, og han sette mine føter
uppå berggrunn, han gjorde mine stig støde. 3 Og
han lagde ein ny song i min munn, ein lovsong til vår
Gud. Mange ser det og ottast og lit på Herren. 4 Sæl
er den mann som set si lit til Herren og ikkje vender
seg til dei ovlåtne og til deim som vik av til lygn. 5
Herre, min Gud, du hev gjort dine under og dine råder
mangfaldige mot oss; ingen ting er liknande med deg;
vil eg forkynna og tala um deim, er dei for mange til å
telja. 6 Slagtoffer og grjonoffer hev du ikkje hug til - du
hev bora øyro på meg - brennoffer og syndoffer krev
du ikkje. 7 Då sagde eg: «Sjå, eg kjem; i bokrullen er
det skrive for meg; 8 å gjera din vilje, min Gud, det er
mi lyst, og di lov er inst i mitt hjarta.» 9 Eg bar det
gode bod um rettferd i ei stor samling; sjå, eg let ikkje
att mine lippor; Herre, du veit det. 10 Eg løynde ikkje
di rettferd inne i mitt hjarta, eg tala um din truskap
og di frelsa; eg dulde ikkje din nåde og di sanning
for ei stor samling. 11 Du, Herre, vil ikkje lata att di
miskunn for meg; din nåde og di sanning vil alltid vakta
meg. 12 For trengslor utan tal hev umspent meg, mine
misgjerningar hev gripe meg, og eg kan ikkje sjå; dei
er fleire enn håri på mitt hovud, og mitt mod hev forlate
meg. 13 Hugnast, Herre, å berga meg! Herre, kom
meg snart til hjelp! 14 Lat deim verta til skam og spott
alle saman som stend etter mitt liv og vil riva det burt!
Lat deim vika attende og skjemnast, som hev hugnad i
mi ulukka! 15 Lat dei verta forfærde yver si skjemd, dei
som segjer til meg: «Ha, ha!» 16 Lat deim fegnast og
gleda seg i deg alle dei som søkjer deg! Lat deim som
elskar di frelsa alltid segja: «Høglova vere Herren!» 17
For eg er arm og fatig; Herren vil tenkja på meg. Du er
mi hjelp og min frelsar; min Gud, dryg ikkje!

**41** Til songmeisteren; ein salme av David. Sæl er
den som ser til ein vesallmann; på den vonde
dag skal Herren frelsa honom. 2 Herren skal verja
honom og halda honom i live; han skal verta lukkeleg
i landet, og du skal visst ikkje yvergjeva honom til
hans mordgiruge fiendar. 3 Herren skal stydja han på
sotteseng, og vender all hans lega i hans sjukdom. 4
Eg segjer: «Herre, ver meg nådig; læk mi sjæl, for eg
hev synda mot deg!» 5 Mine fiendar talar vondt um
meg: «Når skal han døy, og hans namn forgangast?»
6 Og um ein kjem og vil sjå til meg, so talar han falske
ord; hans hjarta sankar seg vondskap saman, so gjeng
han ut og talar um det. 7 Alle som hatar meg, kviskrar
saman imot meg; dei tenkjer upp imot meg slikt som
gjer meg vondt: 8 «Ei illgjerning heng ved honom, og
han som ligg der, skal ikkje meir standa upp.» 9 Ja,
endå den som eg livde i fred med, som eg sette lit til,
som åt mitt brød, hev lyft sin hæl imot meg. 10 Men
du, Herre, ver meg nådig og hjelp meg upp! So vil eg
gjeva deim vederlag. 11 På dette kjenner eg at du hev
hugnad i meg, at min fiende ikkje fær setja i glederop
yver meg. 12 Og meg held du uppe i mi uskyld og set
meg for di åsyn til æveleg tid. 13 Lova vere Herren,
Israels Gud, frå æva og til æva! Amen, amen!

**42** Til songmeisteren; ein song til lærdom, av Korahs
born. Som ein hjort styn etter vatsbekkjer, so
styn mi sjæl etter deg, min Gud. 2 Mi sjæl tyrster etter
Gud, etter den livande Gud. Når skal eg koma og
syna meg for Guds åsyn? 3 Mine tåror er min mat
dag og natt, av di dei all dagen segjer til meg: «Kvar
er din Gud?» 4 Dette må eg koma i hug og tøma ut
mi sjæl hjå meg: korleis eg drog fram i manntrongen
og vandra med deim til Guds hus med fagnadrøyst
og lovsong, ein høgtidleg folkestraum. 5 Kvi er du
nedbøygd, mi sjæl, og bruser i meg? Venta på Gud,
for eg skal endå lova honom for frelsa frå hans andlit.
6 Min Gud! Mi sjæl er nedbøygd i meg; difor kjem eg
deg i hug frå Jordanlandet og Hermonhøgderne, frå
det vesle fjell. 7 Vatsflod ropar til vatsflod ved duren
av dine fossar; alle dine brotsjøar og båror slær yver
meg. 8 Um dagen sender Herren sin nåde, og um natti
er hans song hjå meg, bøn til mitt livs Gud. 9 Eg må
segja til Gud, mitt berg: «Kvi hev du gløymt meg? Kvi
skal eg ganga svartklædd under fiende-trykk?» 10 Det
er som knasing i mine bein, at mine fiendar spottar
meg, med di dei heile dagen segjer til meg: «Kvar er
din Gud?» 11 Kvi er du nedbøygd, mi sjæl, og kvi
bruser du i meg? Venta på Gud, for eg skal endå lova
honom, mitt andlits frelsa og min Gud.

**43** Døm meg, Gud, og før mi sak mot folk utan
miskunn, frels meg frå falsk og rettarlaus mann!

2 For du er den Gud som er mi vern. Kvi hev du støytt
meg burt? Kvi skal eg ganga svartklædd under fiende-
trykk? 3 Send ditt ljos og di sanning, lat deim leida
meg, lat deim føra meg til ditt heilage fjell og til dine
bustader, 4 so eg kann koma til Guds altar, til Gud,
min fagnad og mi gleda, og lova deg på cither, Gud,
min Gud! 5 Kvi er du nedbøygd, mi sjæl, og kvi bruser
du i meg? Venta på Gud, for eg skal endå lova honom,
mitt andlits frelsa og min Gud.

**44** Til songmeisteren; av Korahs born; ein salme
til lærdom. Gud, me hev høyrt med våre øyro,
våre feder hev fortalt oss den gjerning du gjorde i deira
dagar, i forne dagar. 2 Du dreiv ut heidningarne med di
hand, men deim planta du; du øydelagde folkeslag,
men deim breidde du ut. 3 For ikkje med sitt sverd
vann dei landet, og deira arm gav deim ikkje siger,
men di høgre hand og din arm og ditt andlits ljos; for
du hadde hugnad i deim. 4 Du, Gud, er min konge; byd
at Jakob skal verta frelst! 5 Ved deg skal me støyta
ned våre fiendar, ved ditt namn skal me treda under
føter deim som reiser seg imot oss. 6 For min boge lit
eg ikkje på, og mitt sverd gjev meg ikkje siger. 7 Men
du gjev oss siger yver våre fiendar, og deim som hatar
oss, gjer du til skammar. 8 Av Gud rosar me oss all
dagen og lovar ditt namn til æveleg tid. (Sela) 9 Og
endå hev du støytt oss burt og gjort oss til skam, og
du dreg ikkje ut med våre herar. 10 Du let oss vika
attende for fienden, og dei som hatar oss, fær seg
herfang. 11 Du gjev oss burt som sauer til å eta upp,
og spreider oss ikring millom heidningarne. 12 Du
sel ditt folk for ingen ting, og ikkje set du høg pris på
deim. 13 Du gjer oss til hæding for våre grannar, til
spott og spe for deim som bur ikring oss. 14 Du gjer
oss til eit ordtøke millom heidningarne; dei rister på
hovudet åt oss millom folki. 15 Heile dagen stend mi
skam for mine augo, og blygsl breider seg yver mitt
andlit, 16 ved røysti av spottaren og hædaren, ved syni
av fienden og den hemngiruge. 17 Alt dette er kome
yver oss, endå me ikkje hev gløymt deg og ikkje svike
di pakt. 18 Vårt hjarta veik ikkje frå deg, og våre stig
sveiv ikkje ut av din veg, 19 at du skulde slå oss sund
der sjakalar bur, og breida oss ned i daudeskugge. 20
Hadde me gløymt vår Guds namn og rett våre hender
ut til ein framand gud, 21 skulde Gud då ikkje ransaka
det? for han kjenner hjartans løyndomar. 22 Men for
di skuld vert me drepne all dagen, me er rekna som
slagtesauer. 23 Vakna upp! Kvi søv du, Herre? Vakna
då, støyt ikkje burt for alltid! 24 Kvi løyner du di åsyn,
gløymer vår armodsdom og vår trengsla? 25 For vår
sjæl er nedbøygd i moldi, vår likam nedtrykt til jordi. 26
Statt upp til hjelp for oss, og løys oss ut for din nåde
skuld!

**45** Til songmeisteren, etter «Liljor»; av Korahs born;
ein salme til lærdom, ein song um kjærleik. Mitt
hjarta fløder yver med yndelege ord; eg kved den song
eg hev gjort til ein konge; mi tunga er ein snarhendt
skrivars penn. 2 Du er den fagraste av menneskjeborni,
ynde strøymer yver dine lippor; difor hev Gud velsigna
deg til æveleg tid. 3 Gyrd ditt sverd til di lend, du
velduge, di høgd og din herlegdom! 4 Og far i din
herlegdom fram med siger for sanning og spaklyndt
rettferd! Og di høgre hand skal læra deg agelege
storverk. 5 Din piler er kveste - so folk fell under deg
- dei gjeng inn i hjarta på kongens fiendar. 6 Din
kongsstol, Gud, stend æveleg og alltid, ein kongsstav
med rettvisa er kongsstaven i ditt rike. 7 Du elskar
rettferd og hatar gudløysa, difor hev Gud, din Gud,
salva deg med fagnads olje framfor dine medbrør. 8
Av myrra og aloe og kassia angar alle dine klæde; frå
filsbeinshallar fagnar deg strengleik. 9 Kongsdøtter
er millom dine utvalde; dronningi stend ved di høgre
hand i gull frå Ofir. 10 Høyr, dotter, og sjå og bøyg
øyra til, og gløym ditt folk og ditt farshus, 11 og lat
kongen hava hugnad i din fagerleik! for han er din
herre, og du skal hylla honom. 12 Og Tyrus' dotter skal
søkja ditt ynde med gåvor - dei rikaste av folket. 13
Ovleg prud er kongsdotteri der inne; hennar klædnad
er gjenomvoven med gull. 14 I utsauma bunad vert
ho leidd til kongen; møyar, hennar vener, fylgjer etter
henne; dei vert førde inn til deg. 15 Dei vert leidde
fram med gleda og fagnad, dei gjeng inn i kongshalli.
16 I staden for dine feder skal dine søner koma; du
skal setja deim til hovdingar utyver heile jordi. 17 Eg vil
setja ditt namn eit minne millom alle ætter; difor skal
folki lova deg æveleg og alltid.

**46** Til songmeisteren; av Korahs born, etter Alamot;
ein song. Gud er mi hyggja og vår styrke, fullvel
røynd i trengslor. 2 Difor ottast me ikkje, um so jordi
vert umskift, og um fjelli ragar hjarta av storhavet, 3
um havbårorne dyn og skumar, og fjelli skjelv for deira
ofse. (Sela) 4 Der er ei å, hennar bekkjer gled Guds
by, den heilage stad der den Høgste bur. 5 Gud er midt
i honom, so han skal ikkje rugga; Gud hjelper honom i
morgonlysingi. 6 Folkeslag rasa, rike vart rikka, han
let si røyst ljoda, jordi bråna. 7 Herren, allhers drott,
er med oss; Jakobs Gud er vår faste borg. (Sela) 8
Kom og sjå Herrens storverk, som gjer øydeleggjingar
på jordi. 9 Han gjer ende på herferder yver all jordi,
bryt bogen sund og høgg spjotet av; stridsvognerne
brenner han upp i eld. 10 «Haldt upp og kjenn at eg er
Gud! Eg er upphøgd millom folki, upphøgd på jordi.»

11 Herren, allhers drott, er med oss; Jakobs Gud er vår
faste borg. (Sela)

**47** Til songmeisteren; av Korahs born; ein salme.
Klappa i henderne, alle folk! Kved høgt for Gud
med fagnadrøyst! 2 For Herren, den Høgste, er ageleg,
ein stor konge yver all jordi. 3 Han legg folk under
oss og folkeslag under våre føter. 4 Han vel ut vår
arvlut åt oss, til gilda for Jakob som han elskar. (Sela)
5 Gud for upp med fagnadrop, Herren med basunljod.
6 Syng lov for Gud, syng lov! Syng lov for vår konge,
syng lov! 7 For Gud er konge yver all jordi; syng til
hans lov ein visleg song! 8 Gud hev teke riket yver
folki, Gud hev sett seg på sin heilage kongsstol. 9
Folkedrottarne samlar seg som eit folk til Abrahams
Gud; for skjoldarne på jordi høyrer Gud til, han er høgt
upphøgd.

**48** Ein song, ein salme; av Korahs born. Stor er
Herren og høglova i vår Guds by, på hans heilage
fjell. 2 Fager i si høgd, ein fagnad for all jordi er Sions
fjell, utkanten av nordheimen, staden til den store
kongen. 3 Gud er i hans hallar kjend som ei fast borg.
4 For sjå, kongarne kom saman og drog fram i lag. 5
Dei såg - so vart dei forfærde, dei vart vitskræmde,
flydde i bråhast. 6 Ein skjelv greip deim der, ei bivring
som hjå ei barnsjuk kvinna. 7 Med austanvind bryt
du sund Tarsis-skip. 8 Liksom me hev høyrt, so hev
me no set det i Herren, allhers drotts by, i vår Guds
by, Gud gjer honom fast til æveleg tid. (Sela) 9 Me
grundar på din nåde, Gud, midt i ditt tempel. 10 Som
ditt namn, Gud, so er din pris alt til endarne av jordi; di
høgre hand er full av rettferd. 11 Sionsfjellet gled seg,
Juda døtter fagnar seg yver dine domar. 12 Gakk ikring
Sion, far rundt um henne, tel hennar tårn! 13 Legg
merke til hennar vollar, gakk igjenom hennar hallar, so
de kann fortelja um det til den komande ætt. 14 For
denne Gud er vår Gud æveleg og alltid; han skal føra
oss ut yver dauden.

**49** Til songmeisteren; av Korahs born; ein salme.
Høyr dette, alle folk, vend øyra til, alle de som
bur i verdi, 2 både låge og høge, rik og fatig, alle
saman! 3 Min munn skal tala visdom, og det som mitt
hjarta tenkjer upp, er vit. 4 Eg vil bøygja mitt øyra til
fyndord, eg vil lata upp mi gåta til harpeljod. 5 Kvi skal
eg ottast i dei vonde dagar, når vondskap av mine
forfylgjarar kringset meg, 6 dei som set si lit til sitt
gods og rosar seg av sin store rikdom? 7 Ein mann
kann ikkje løysa ut ein bror, kann ikkje gjeva Gud
løysepengar for honom 8 - utløysingi av deira liv er for
dyr, og han let det vera til æveleg tid - 9 so han skulde
halda ved å liva for alltid og ikkje sjå gravi. 10 Nei, han
må sjå: Vismenner døyr, dåre og fåviting gjeng burt
alle saman og let sitt gods etter seg til andre. 11 Deira
inste tanke er at deira hus skal standa æveleg, deira
bustader frå ætt til ætt; dei kallar sin jorder etter sine
namn. 12 Men eit menneskje i høg vyrdnad vert ikkje
verande; han er lik dyri, dei må tagna. 13 So gjeng det
deim som er fulle av tru til seg sjølve, og etter deim
fylgjer dei som likar deira tale. (Sela) 14 Som sauer
vert dei førde ned i helheimen, dauden gjæter deim,
og dei trurøkne tred deim ned, når morgonen renn; og
deira skapnad vert øydelagd av helheimen, so dei hev
ingen heimstad lenger. **(Sheol h7585)** 15 Men Gud skal
løysa ut mi sjæl or handi på helheimen; for han skal
taka meg til seg. (Sela) **(Sheol h7585)** 16 Ottast ikkje når
ein mann vert rik, når hans hus kjem til stor æra! 17
For han skal ingen ting taka med seg når han døyr;
hans æra skal ikkje fara ned etter honom. 18 Um han
og velsignar si sjæl i si livstid, og dei prisar deg for
di du gjer deg gode dagar, 19 so skal du då koma til
di fedreætt, dei som ikkje ser ljoset i all æva. 20 Eit
menneskje i høg vyrdnad, som ikkje hev vit, vert lik
dyri; dei må tagna.

**50** Ein salme av Asaf. Gud, Gud Herren talar og
kallar på jordi frå solekoma til soleglad. 2 Frå
Sion, fagerleiks kruna, strålar Gud fram. 3 Vår Gud
kjem og skal ikkje tegja. For hans åsyn gjeng etande
eld, og ikring honom stormar det sterkt. 4 Han kallar
på himmelen ovantil og på jordi til å døma sitt folk. 5
«Samla til meg mine trugne, som hev gjort pakt med
meg um offer!» 6 Og himlarne forkynner hans rettferd;
for Gud er den som skal halda dom. (Sela) 7 «Høyr,
mitt folk, eg vil tala; Israel, eg vil vitna imot deg; Gud,
din Gud er eg. 8 Ikkje for dine offer vil eg lasta deg;
dine brennoffer er alltid framfyre meg. 9 Eg vil ikkje
taka uksar frå ditt hus eller bukkar frå dine grindar.
10 For meg høyrer alle dyr i skogen til, fe på fjelli i
tusundtal. 11 Eg kjenner alle fuglar på fjelli, og det som
rører seg på marki, er meg for augo. 12 Um eg var
hungrig, vilde eg ikkje segja det til deg; for meg høyrer
jordriket til med alt det som fyller det. 13 Skulde eg eta
kjøt av stutar og drikka blod av bukkar? 14 Ofra lov
og takk til Gud og gjev den Høgste det du hev lova,
15 og kalla på meg den dag du er i naud, so vil eg
frelsa deg ut, og du skal prisa meg.» 16 Men til den
ugudlege segjer Gud: «Kva hev du med å fortelja um
mine lover og taka mi pakt i din munn, 17 etter di du
hatar tukt og kastar mine ord attum deg? 18 Når du
ser ein tjuv, er du gjerne med honom, og med horkarar
er du i lag. 19 Din munn slepper du laus til vondt, og di
tunga spinn i hop svik. 20 Du sit og talar imot bror din,
set ein skamflekk på son til mor di. 21 Dette gjorde du,
og eg tagde; so tenkte du eg var liksom du sjølv; men
eg vil yvertyda deg og leggja det fram for deg. 22 Gjev

gaum etter dette, de som gløymer Gud, so eg ikkje
skal riva burt, og ingen frelser. 23 Den som ofrar meg
takk, han ærar meg, og den som gjeng den rette veg,
honom vil eg lata sjå Guds frelsa!»

**51** Til songmeisteren; ein salme av David, då
profeten Natan kom til honom, etter han hadde
gjenge inn til Batseba. Gud, ver meg nådig etter di
miskunn! Sletta ut mine brot etter din store godhug! 2
Två meg vel rein frå mi skuld, og reinsa meg frå mi
synd! 3 For mine misgjerningar kjenner eg, og mi synd
er alltid framfyre meg. 4 Mot deg einast hev eg synda
og gjort det som vondt er i dine augo, so du må vera
rettferdig når du talar, vera rein når du dømer. 5 Sjå, eg
er fødd i misgjerning, og mor mi hev avla meg i synd.
6 Sjå, du hev lyst til sanning i innarste; so lær meg då
visdom i hjartans løynrom! 7 Reinsa meg frå synd med
isop, so eg vert rein! Två meg, so eg vert kvitare enn
snø! 8 Lat meg høyra fagnad og gleda, lat dei bein
fagna seg som du hev slege sund! 9 Løyn di åsyn for
mine synder, og sletta ut alle mine misgjerningar! 10
Gud, skap i meg eit reint hjarta, og gjev meg ei ny,
stødug ånd inni meg! 11 Kasta meg ikkje burt frå di
åsyn, og tak ikkje din heilage ande frå meg! 12 Gjev
meg atter fagnaden av di frelsa, og haldt meg uppe
med ei viljug ånd! 13 So vil eg læra lovbrjotarar dine
vegar, og syndarar skal venda um til deg. 14 Gud, fria
meg frå blodskuld, Gud, mine frelsar! So skal mi tunga
fagna seg høgt yver di rettferd. 15 Herre, lat upp mine
lippor! So skal min munn forkynna din pris. 16 For du
hev ikkje lyst til slagtoffer - elles skulde eg gjeva deg
det; i brennoffer hev du ikkje hugnad. 17 Offer for Gud
er ei sundbroti ånd; eit sundbrote og knust hjarta vil
du, Gud, ikkje forsmå. 18 Gjer vel imot Sion etter din
nåde, bygg murarne åt Jerusalem! 19 Då skal du hava
hugnad i rettferds offer, i brennoffer og heiloffer; då
skal dei ofra uksar på ditt altar.

**52** Til songmeisteren; ein salme til lærdom av David,
då edomiten Doeg kom og fortalde Saul og
sagde til honom: «David er komen i Ahimeleks hus.»
Kvi rosar du deg av vondskap, du velduge? Guds nåde
varer all dagen. 2 De tunga stilar du på tyning liksom
ein kvest rakekniv, du som legg upp svikråd. 3 Du
elskar det vonde framfor det gode, lygn framfor å tala
sant. (Sela) 4 Du elskar alle drepande ord, du svikfulle
tunga! 5 So skal og Gud riva deg ned for alltid; han
skal gripa deg og rykkja deg upp frå tjeldet og rydja
deg ut or livsens land. (Sela) 6 Og dei rettferdige skal
sjå det og ottast, og dei skal læ åt honom og segja: 7
«Sjå der den mann som ikkje heldt Gud for si vern,
men sette si lit til sin store rikdom og sette sin styrke
i sin vondskap.» 8 Men eg er som eit grønt oljetre i
Guds hus; eg set mi lit til Guds nåde æveleg og alltid.
9 Eg vil lova deg til æveleg tid, for du hev gjort det, og
eg vil vona på ditt namn, for det er godt, for augo på
dine trugne.

**53** Til songmeisteren, etter Mahalat; ein salme til
lærdom av David. Dåren segjer i sitt hjarta:
«Det er ingen Gud til.» Vond og styggjeleg er deira
misgjerning; det er ingen som gjer godt. 2 Gud skodar
ned frå himmelen på menneskjeborni og vil sjå um det
finst nokon vitug, nokon som søkjer Gud. 3 Dei er alle
avvikne, dei er utskjemde alle saman; det er ingen
som gjer godt, det er ikkje ein einaste. 4 Veit dei det
då ikkje, dei som gjer urett? Dei et mitt folk som dei et
brød; på Gud kallar dei ikkje. 5 Då vert dei storleg
rædde, der ingen ræddhug var; for Gud spreider beini
av deim som lægrar seg mot deg; du gjer deim til
skammar, for Gud hev støytt deim burt. 6 Å, gjev frelsa
frå Sion må koma yver Israel! Når Gud vender sitt folks
vanlukka, då skal Jakob fagna seg, Israel gleda seg.

**54** Til songmeisteren, med strengleik; ein song til
lærdom av David, då zifitarne kom og sagde til
Saul: «David held seg løynd hjå oss.» Gud, frels meg
ved ditt namn, og døm meg til min rett ved di kraft! 2
Gud, høyr mi bøn, vend øyra til ordi frå min munn! 3
For framande stend upp imot meg, og valdsmenner
stend meg etter livet; dei hev ikkje Gud for augo. (Sela)
4 Sjå, Gud hjelper meg, Herren er den som held uppe
mi sjæl. 5 Det vonde skal falla tilbake på deim som
lurar på meg; gjer deim til inkjes i din truskap! 6 Med
viljugt hjarta vil eg ofra til deg; ditt namn vil eg prisa,
Herre, for det er godt. 7 For det friar meg ut or all
naud, og på mine fiendar ser mitt auga med lyst.

**55** Til songmeisteren, med strengleik; ein song til
lærdom av David. Gud, vend øyra til mi bøn, og
løyn deg ikkje for mi naudbeding! 2 Gjev gaum etter
meg og svara meg! Eg er uroleg med mine sorgfyllte
tankar, og eg må stynja 3 for rop frå fienden, for trykk
frå den ugudlege. For dei velter vondt yver meg, og i
vreide forfylgjer dei meg. 4 Mitt hjarta skjelv i meg, og
daudens fæle hev falle på meg. 5 Otte og skjelving
kjem yver meg og rædsla legg seg på meg. 6 Og eg
segjer: «Å, hadde eg vengjer som duva, då skulde eg
fljuga burt og finna ein bustad. 7 Sjå, eg vilde fly langt
burt, eg vilde finna herbyrge i øydemarki. (Sela) 8 Eg
vilde skunda meg i livd for den føykjande vinden, for
stormen.» 9 Sluk deim, Herre, kløyv deira tungemål!
For eg ser vald og kiv i byen. 10 Dag og natt renner
dei kringum honom på murarne, ugjerd og møda er
midt i honom. 11 Tjon er midt i honom, og ikkje vik frå
gatorne vald og svik. 12 For ikkje min fiende er det
som hæder meg - det kunde eg tola; ikkje min uven er

det som briskar seg mot meg - då kunde eg gøyma
meg for honom. 13 Men du er det, du som var min
likemann, min ven, min kjenning, - 14 me som hadde
huglegt samråd med kvarandre, som gjekk til Guds
hus med den glade hop. 15 Lat dauden koma brått
på deim! Lat deim fara ned til helheimen livande! For
vondskap råder i deira bustad og i deira hjarta. (Sheol
h7585) 16 Eg vil ropa til Gud, og Herren skal frelsa meg.
17 Kveld og morgon og middag vil eg klaga og sukka,
so vil han høyra mi røyst. 18 Han løyser ut mi sjæl frå
strid mot meg og gjev meg fred, for mange er dei mot
meg. 19 Gud skal høyra og svara deim - han sit frå
fordoms tid, (sela) deim som ikkje vil verta annarleis
og som ikkje ottast Gud. 20 Han legg hand på folk
som held fred med honom, han bryt si pakt. 21 Ordi
frå hans munn er håle som smør, men hans hjarta
er fullt av strid. Hans ord er mjukare enn olje, og dei
er då utdregne sverd. 22 Kasta byrdi di på Herren,
og han skal halda deg uppe! han skal ikkje i all æva
lata den rettferdige verta rikka. 23 Men du, Gud, skal
støyta deim ned i den djupe grav; blodgiruge og falske
menner skal ikkje nå til helvti av si livetid; men eg set
mi lit til deg.

**56** Til songmeisteren, etter «Den mållause duva
langt burte»; av David, ein miktam, då filistarane
tok honom i Gat. Ver meg nådig, Gud, for menneskje
vil sluka meg; heile dagen trengjer dei meg med strid.
2 Dei vil sluka meg dei som lurar på meg, heile dagen;
for mange er dei som i stormod strider imot meg. 3
Den dagen då eg ottast, set eg mi lit til deg. 4 Ved
Gud skal eg lova hans ord, til Gud set eg lit, eg ottast
ikkje, kva skulde kjøt kunna gjera meg? 5 Heile dagen
rengjer dei mine ord; alle deira tankar er imot meg til
det som vondt er. 6 Dei slær seg saman, dei lurer, dei
vaktar på mine stig, då dei trår etter livet mitt. 7 Skulde
dei med sin vondskap koma seg undan? Gud, støyt
folkeslag ned i vreide! 8 Du hev talt kor ofte eg hev
fare på flugt, mine tåror er gøymde i di flaska; stend dei
ikkje i di bok? 9 Då skal mine fiendar venda attende,
den dagen eg ropar; det veit eg, at Gud er med meg.
10 Ved Gud skal eg lova ordet; ved Herren skal eg
lova ordet. 11 Til Gud set eg lit, eg ottast ikkje; kva
kann menneskje gjera meg? 12 Gud, eg hev lovnader
på meg til deg; eg vil løysa deim ut med takkoffer til
deg. 13 For du hev berga mi sjæl frå dauden, ja mine
føter frå fall, so eg kann ferdast for Gud i ljoset åt dei
livande.

**57** Til songmeisteren, etter «tyn ikkje»; av David,
ein miktam, då han flydde for Saul inn i helleren.
Ver meg nådig, Gud, ver meg nådig! For til deg flyr
mi sjæl, og i skuggen av dine vengjer søkjer eg livd,
til dess ulukka gjeng yver. 2 Eg ropar til Gud, den
Høgste, til den Gud som fullfører sitt verk for meg. 3
Han vil senda frå himmelen og hjelpa meg, når han
som vil sluka meg, spottar. (Sela) Gud vil senda si
miskunn og sin truskap. 4 Mi sjæl er millom løvor,
eg må liggja millom deim som spruter eld, millom
menneskjeborn som til tenner hev spjot og piler, og
til tunga eit kvast sverd. 5 Gud, syn deg høg yver
himmelen, di æra yver heile jordi! 6 Dei set garn for
mine stig, mi sjæl er nedbøygd; dei grev ei grav for
meg, so fell dei midt i henne sjølve. (Sela) 7 Mitt hjarta
er rolegt, Gud, mitt hjarta er rolegt, eg vil syngja og
lovsyngja. 8 Vakna, mi æra! Vakna, harpa og cither!
Eg vil vekkja morgonroden. 9 Eg vil prisa deg millom
folki, Herre, eg vil lovsyngja deg millom folkeslagi. 10
For di miskunn er stor til himmelen, og din truskap til
dei høge skyer. 11 Gud, syn deg høg yver himmelen,
di æra yver heile jordi!

**58** Til songmeisteren; «tyn ikkje»; av David, ein
miktam. Tru de verkeleg med dykkar målløysa
talar det som er rettferd? Og dømer de rett, de
menneskjeborn? 2 Nei, i hjarta lagar de til misgjerningar,
i landet veg de ut vald som kjem frå dykkar hender.
3 Dei ugudlege gjeng på avveg alt frå morsfang,
ljugarane fer vilt alt frå morsliv. 4 Eiter hev dei som
orme-eiter, dei er som ein dauv orm, som dytter øyra
til, 5 so han ikkje høyrer på røysti åt tauvrekallen, han
som vel kann trolla. 6 Gud, slå inn tennerne i munnen
deira, Herre, støyt sund jakslarne på dei unge løvor! 7
Lat deim kverva som burtrennande vatn! Legg nokon
sine piler i bogen, so lat deim vera som utan odd! 8 Lat
deim vera som ein snigel, som løyser seg upp medan
han gjeng, og liksom ei kvinna sitt ufullborne foster
som ikkje hev set soli. 9 Fyrr dykkar grytor fær kjenna
klungerriset, skal han blåsa det burt, både det friske og
det som brenn. 10 Den rettferdige skal gleda seg, av di
han ser hemn; han skal två sine føter i blodet av den
ugudlege. 11 Og folk skal segja: «Det finst då frukt
for den rettferdige; der er då ein Gud som dømer på
jordi.»

**59** Til songmeisteren; «tyn ikkje»; av David; ein
miktam, då Saul sende folk som gjætte på huset
og vilde drepa honom. Frels meg frå mine fiendar, min
Gud, berga meg frå deim som stend upp imot meg! 2
Frels meg frå deim som gjer urett, og berga meg frå
blodgiruge menner! 3 For sjå, dei ligg på lur etter mi
sjæl, sterke menner slær seg saman imot meg, Herre,
utan mi misgjerd og utan mi synd. 4 Utan mi skuld
renner dei fram og gjer seg ferdige. Vakna og møt
meg, og sjå! 5 Ja du, Herre, allhers drott, Israels Gud,
vakna til å heimsøkja alle heidningar, ver ikkje nådig

mot nokon av dei falske nidingar! (Sela) 6 Dei kjem att
um kvelden, dei hyler som hundar og renner kring i
byen. 7 Sjå, dei let det gøysa ut or munnen sin, der er
sverd i deira lippor, for: «Kven høyrer?» 8 Men du,
Herre, lær åt deim, du spottar alle heidningar. 9 Mot
hans magt vil eg venta på deg, for Gud er mi borg. 10
Min Gud vil møta meg med si nåde, Gud vil lata meg
sjå med lyst på deim som lurer på meg. 11 Drep deim
ikkje, at ikkje mitt folk skal gløyma det! Driv deim ikring
ved di magt og støyt deim ned, du Herre, vår skjold!
12 Kvart ord på deira lippor er ei synd i deira munn; lat
deim so verta fanga i sitt ovmod og for den banning og
lygn som dei talar! 13 Gjer ende på deim i vreide, gjer
ende på deim, so dei ikkje meir er til, og lat dei vita at
Gud er Herre i Jakob, alt til endarne av jordi! (Sela)
14 Og dei kjem att um kvelden, hyler som hundar og
renner kring i byen. 15 Dei flakkar um etter mat, vert
dei ikkje mette, nattar dei yver. 16 Men eg vil syngja
um di magt og um morgonen lovsyngja di miskunn; for
du er mi borg og mi livd den dag eg er i naud. 17 Min
styrke! for deg vil eg syngja; for Gud er mi borg, min
miskunnsame Gud.

**60** Til songmeisteren, etter «Vitnemålslilja»; ein
miktam av David til å læra, då han stridde med
syrarar frå Mesopotamia og syrarar frå Soba, og Joab
kom att og slo tolv tusund edomitar i Saltdalen. Gud,
du hev støytt oss burt, du hev rive oss sund, du hev
vore vreid, kveik oss upp att! 2 Du hev fenge landet til
å skjelva og rivna; bøt du bresterne, for det stend ikkje
stødt! 3 Du hev late ditt folk sjå harde ting, du hev
skjenkt oss vin so me tumla. 4 Men du hev gjeve deim
som ottast deg eit merke til å hevja seg for sanning
skuld. (Sela) 5 At dei du elskar må verta frelste, so
hjelp oss no med di høgre hand, og bønhøyr oss! 6
Gud hev tala i sin heilagdom: «Eg vil gleda meg, eg vil
skifta ut Sikem, og Sukkotdalen vil eg mæla. 7 Meg
høyrer Gilead til, og meg høyrer Manasse til, og Efraim
er verja for mitt hovud, Juda er min førarstav. 8 Moab
er mitt vaskarfat, på Edom kastar eg skoen min; ropa
høgt for meg, du Filistarland!» 9 Kven vil føra meg til
den faste by? Kven leider meg til Edom? 10 Hev ikkje
du, Gud, støytt oss burt? og du, Gud, gjeng ikkje ut
med våre herar? 11 Gjev oss hjelp imot fienden, for
mannehjelp er fåfengd! 12 Med Guds hjelp skal me
gjera storverk, og han skal treda ned våre fiendar.

**61** Til songmeisteren, på strengleik; av David. Gud,
høyr mitt klagerop, merka mi bøn! 2 Frå enden
av jordi ropar eg til deg, medan hjarta vanmegtast; på
eit fjell som er for høgt for meg, må du føra meg upp.
3 For du hev vore mi livd, eit sterkt tårn mot fienden. 4
Eg vil æveleg bu i ditt tjeld, finna livd i skuggen av
dine vengjer. (Sela) 5 For du, Gud, hev høyrt på mine
lovnader, deim som ottast ditt namn, hev du gjeve
deira arv. 6 Du vil leggja dagar til kongens dagar,
hans år skal vera som ætt etter ætt. 7 Han skal sitja
æveleg for Guds åsyn; set miskunn og truskap til å
vara honom! 8 So vil eg æveleg lovsyngja ditt namn,
at eg kann løysa mine lovnader dag etter dag.

**62** Til songmeisteren, for Jedutun; ein salme av
David. Einast hjå Gud er mi sjæl still, frå honom
kjem mi frelsa. 2 Einast han er mitt fjell og mi frelsa,
han er mi borg, dei skal ikkje rikka meg mykje. 3 Kor
lenge vil de alle storma inn på ein mann, brjota honom
ned som ein hallande mur, ein nedrapa vegg? 4 Dei
samråder seg berre um å støypa honom ned frå hans
høgd. Dei likar lygn. Med munnen velsignar dei, men i
hjarta bannar dei. (Sela) 5 Einast hjå Gud ver still, mi
sjæl, for frå honom kjem mi von. 6 Einast han er mitt
fjell og mi frelsa, mi borg, dei skal ikkje rikka meg. 7
Hjå Gud er mi frelsa og mi æra; mitt sterke fjell, mi livd
er i Gud. 8 Lit på honom all tid, folk, renn dykkar hjarta
ut for hans åsyn! Gud er livd for oss. (Sela) 9 Berre
fåfengd er menneskjesøner, lygn er mannesøner. I
vegtskåli stig dei upp - lettare enn fåfengd alle saman.
10 Lit ikkje på vald, og set ikkje fåfengd von til ran!
Når buet veks, fest ikkje hjarta ved det! 11 Ein gong
hev Gud sagt, tvo gonger hev eg høyrt dette, at styrke
høyrer Gud til. 12 Og hjå deg, Herre, er miskunn, for
du gjev kvar ein etter hans gjerning.

**63** Ein salme av David, då han var i Juda øydemark.
Gud, du er min Gud, eg søkjer deg tidleg; mi
sjæl tyrster etter deg, mitt kjøt lengtar etter deg i eit
turt land som ligg i vanmagt utan vatn. 2 Soleis hev eg
set etter deg i heilagdomen til å sjå di kraft og di æra.
3 For di miskunn er betre enn livet, mine lippor skal
prisa deg. 4 Soleis vil eg lova deg so lenge eg liver, i
ditt namn vil eg lyfta upp mine hender. 5 Som av merg
og feitt skal mi sjæl verta mett, og med lovsyngjande
lippor skal min munn prisa deg. 6 Når eg kjem deg i
hug på mitt lægje, tenkjer eg på deg i nattevakterne.
7 For du hev vore hjelp for meg, i skuggen av dine
vengjer kann eg fegnast. 8 Mi sjæl heng fast ved deg;
di høgre hand held meg uppe. 9 Men dei som stend
meg etter livet og vil tyna det, dei skal koma til dei
nedste djup i jordi. 10 Dei skal verta yvergjevne til
sverdmagt, verta til ran for revar. 11 Men kongen skal
gleda seg i Gud; kvar den som sver ved honom, skal
prisa seg sæl, for ljugararne skal verta målbundne.

**64** Til songmeisteren; ein salme av David. Gud, høyr
mi røyst når eg klagar, vara mitt liv frå fiende-
skræmsla! 2 Gøym meg for løyndelaget av dei vonde,
for den bråkande hop av illgjerningsmenner, 3 som

kvesser si tunga som eit sverd, siktar med si pil, det
beiske ord, 4 og vil skjota ned den uskuldige i løynd;
brått skyt dei honom og ræddast ikkje. 5 Dei styrkjer
seg i si vonde råd, dei fortel at dei vil leggja løynde
snaror, dei segjer: «Kven ser deim?» 6 Dei tenkjer
upp ugjerningar: «Me er ferdige, tanken er tenkt» - og
det indste i mannen og hjarta er djupt. 7 Då skyt Gud
deim, pili kjem brått og sårar deim. 8 Dei stupar ned,
deira tunge kjem yver deim, alle som ser på deim,
rister på hovudet. 9 Og alle menneskje ræddast og
forkynner Guds gjerning, og hans verk skynar dei. 10
Den rettferdige gleder seg i Herren og flyr til honom,
og alle ærlege av hjarta prise seg sæle.

**65** Til songmeisteren; ein salme av David, ein song.
Gud, dei er stille for deg og prisar deg på Sion,
og dei gjev deg det dei hev lova. 2 Du som høyrer
bøner, til deg kjem alt kjøt. 3 Når misgjerningar hev
vorte for sterke for meg, so forlet du våre forbrot. 4
Sæl er den som du vel ut og let koma nær, so han bur
i dine fyregardar; me vil metta oss med det gode i ditt
hus, ditt heilage tempel. 5 Med skræmelege gjerningar
bønhøyrer du oss i rettferd, du, vår Frelse-Gud, ei
livd for alle heimsens endar og havet langt burte. 6
Han gjer fjelli faste med si kraft, gyrd med velde. 7
Han døyver havsens dur, bylgjeduren og bråket av
folkeslagi. 8 Og dei som bur ved endarne av jordi,
ræddast for dine teikn, heimen for morgon og kveld
fyller du med lovsong. 9 Du hev gjesta jordi og gjeve
henne ovnøgd, du hev gjort henne ovleg rik, Guds
bekk er full av vatn. Du hev laga til korn for folk, for
soleis laga du jordi til. 10 Du vatna hennar plogforer,
jamna dei med upp-pløgde åkrar, du bløytte henne
med regnskurer, velsigna hennar grøda. 11 Du hev
krynt ditt gode år, og dine fotspor dryp av feitt. 12 Beiti i
øydemarki dryp, og haugarne gyrdar seg med lovsong.
13 Engjarne er klædde med sauer, og dalarne er fyllte
med korn; folk fegnast og syng.

**66** Til songmeisteren; ein song, ein salme. Ropa
fagnadrop for Gud, all jordi! 2 Syng ut hans
namns æra, gjev honom æra til hans pris! 3 Seg til
Gud: «Kor skræmelege dine verk er! For di store magt
skuld må dine fiendar gjøla for deg. 4 All jordi skal
tilbeda deg og syngja deg lov, dei skal syngja um
ditt namn.» (Sela) 5 Kom og sjå Guds gjerningar!
Skræmeleg er han i gjerning mot menneskjeborni. 6
Han gjorde havet um til turrlende, gjenom elvi gjekk dei
til fots; der gledde me oss i honom. 7 Han råder med
sitt velde æveleg, hans augo gjæter heidningarne; dei
tråssuge må ikkje upphøgja seg. (Sela) 8 De folk, lova
vår Gud, og lat røysti av hans lovsong verta høyrd! 9
han som heldt vår sjæl i live, og ikkje let vår fot vera
ustød. 10 For du prøvde oss, Gud, du reinsa oss, som
dei reinsar sylv. 11 Du førde oss inn i eit garn, du lagde
ei tyngjande byrd på våre lender. 12 Du let menneskje
fara yver vårt hovud, me kom i eld og vatn - men du
førde oss ut til uppkveikjing. 13 Eg vil ganga inn i ditt
hus med brennoffer; eg vil gjeva deg det eg hev lova,
14 det som gjekk yver mine lippor, og som munnen min
tala ut då eg var i naud. 15 Brennoffer av feite sauer vil
eg ofra til deg med eim av verar, eg vil ofra både uksar
og bukkar. (Sela) 16 Kom og høyr, so vil eg fortelja,
alle de som ottast Gud, kva han hev gjort for mi sjæl.
17 Til honom ropa eg med min munn, og lovsong var
på tunga mi. 18 Hadde eg stila på urett i mitt hjarta,
vilde Herren ikkje høyra. 19 Men Gud hev høyrt, han
lydde på mi bønerøyst. 20 Lova vere Gud, som ikkje
viste mi bøn ifrå seg og ikkje tok frå meg si miskunn!

**67** Til songmeisteren på strengleik; ein salme, ein
song. Gud vere oss nådig og velsigne oss, han
late si åsyn lysa hjå oss (Sela) 2 so dei må kjenna
din veg på jordi, di frelse hjå alle heidningar. 3 Folki
skal prisa deg, Gud, folki skal prisa deg alle saman.
4 Folkeslagi skal gledast og fagna seg høgt; for du
dømer folki med rett, og folkeslagi på jordi leider du.
(Sela) 5 Folki skal prisa deg, Gud, folki skal prisa deg
alle saman. 6 Landet hev gjeve si grøda; Gud, vår Gud
velsignar oss. 7 Gud velsignar oss, og alle heimsens
endar skal ottast honom.

**68** Til songmeisteren; av David; ein salme, ein song.
Gud reiser seg, hans fiendar vert spreidde, og
dei som hatar honom, flyr for hans åsyn. 2 Liksom røyk
driv burt, so driv du deim burt; liksom voks brånar for
eld, so gjeng dei ugudlege til grunnar for Guds åsyn. 3
Og dei rettferdige gled seg, dei fagnar seg for Guds
åsyn, dei frygdar seg med gleda. 4 Syng for Gud, syng
lov for hans namn! Bygg veg for han som fer fram i
øydemarker, Jah er namnet hans, og fegnast for hans
åsyn! 5 Far for farlause og domar for enkjor er Gud i
sin heilage bustad. 6 Gud gjev dei einslege hus og
heim, han fører fangar ut til lukka; berre dei motstridige
bur i turrlende. 7 Gud, då du drog ut framfyre folket
ditt, då du skreid fram i øydemarki (Sela) 8 då skalv
jordi, ja, himmelen draup for Guds åsyn, Sinai der
burte skalv for Guds, Israels Guds, åsyn. 9 Rikelegt
regn let du falla, Gud, du styrkte arven din då han
var utmødd. 10 Ditt folk sette seg ned i landet; Gud,
du var god og reidde det til for armingen. 11 Herren
gjev sigersong; ein stor skare av kvinnor kjem med
gledebod. 12 Kongar yver herar flyr, dei flyr, og ho som
sit heime, deiler herfang. 13 Når de ligg millom felæger,
er det som sylvlagde duvevengjer, og vengfjører med
grøn gullglima. 14 Når den Allmegtige spreider kongar

der, er det som det snøar på Salmon. **15** Eit Guds fjell
er Basans fjell, eit fjell med mange kollar er Basans
fjell. **16** Kvifor ser de skakt, de fjell med mange kollar,
til det fjellet der Gud tekkjest å bu? Herren skal og
bu der for alltid. **17** Guds vogner er tvo gonger ti
tusund, tusund på tusund, Herren er imillom deim,
Sinai er i heilagdomen. **18** Du for upp i det høge, førde
fangar burt, tok gåvor millom menneskje, ogso av dei
tråssuge, at du kunde bu der, Herre Gud. **19** Lova vere
Herren dag etter dag! Legg dei byrd på oss, er Gud vår
frelsa. (Sela) **20** Gud er for oss ein Gud til frelsa, og hjå
Herren, Herren er det utvegar frå dauden. **21** Ja, Gud
krasar hovudet på sine fiendar, den hærde hovudkruna
på honom som ferdast i si syndeskuld. **22** Herren
segjer: «Frå Basan tek eg deim att, eg vil taka deim att
frå havsens djup, **23** so foten din må trakka i blod,
tunga åt hundarne dine få sin lut av fiendarne.» **24** Dei
ser di sigersferd, Gud, sigersferdi der min Gud, min
konge, fer inn i heilagdomen. **25** Fyre gjeng songarar,
etterpå harpespelarar midt imillom møyar som slær
på trummor. **26** Lova Gud i samlingarne, lova Herren,
de som er av Israels kjelda! **27** Der er Benjamin, den
yngste, som er herre yver deim, hovdingarne av Juda -
deira hop, hovdingarne av Sebulon, hovdingarne av
Naftali. **28** Din Gud hev bode at du skal vera sterk;
Gud, styrk det som du hev gjort for oss! **29** For ditt
tempel skuld yver Jerusalem vil kongar føra gåvor
til deg. **30** Skjell på dyret i sevet, på stuteflokken og
folkekalvarne, so dei kastar seg ned for deg med
sylvstykke! Han spreider folk som er huga på strid. **31**
Velduge menner skal koma frå Egyptarland, Ætiopia
skal skunda seg og retta henderne ut til Gud. **32** De
rike på jordi, syng for Gud, syng lov for Herren! (Sela)
**33** Han som fer fram i dei eldegamle himle-himlar!
Sjå, han let si røyst høyra, ei veldug røyst. **34** Gjev
Gud magt! Yver Israel er hans høgd, og hans magt i
dei høge skyer. **35** Skræmeleg er du, Gud, frå dine
heilagdomar; Israels Gud, han gjev folket magt og
styrke. Lova vere Gud!

**69** Til songmeisteren, etter «Liljor»; av David. Frels
meg, Gud! for vatni trengjer seg inn på livet. **2**
Eg er sokken ned i det djupe dike der det inkje fotfeste
er, eg er komen ut i ovdjupe vatn, og flodi fløymer yver
meg. **3** Eg er trøytt av mi roping, det brenn i min strupe,
mine augo er upptærde, med di eg ventar på min Gud.
**4** Fleire enn hår i på mitt hovud er dei som hatar meg
utan orsak, mange er dei som vil meg tyna meg, som
utan grunn er mine fiendar; det eg ikkje hev rana, skal
eg no gjeva attende. **5** Gud, du kjenner min dårskap,
og all mi syndeskuld er ikkje løynd for deg. **6** Lat deim
ved meg ikkje verta til skammar, dei som ventar på
deg, Herre, Herre, allhers drott! Lat deim ikkje ved
meg verta skjemde, dei som søkjer deg, Israels Gud!
**7** For di skuld ber eg hæding, skjemsla ligg yver mitt
andlit. **8** Eg hev vorte framand hjå brørne mine, og ein
utlending hjå borni til mor mi. **9** For brennhug for ditt
hus hev ete meg upp, og deira spottord som spottar
deg, hev falle på meg. **10** Då mi sjæl græt medan eg
fasta, vart eg spotta for det. **11** Då eg laga ein sekk til
klædde for meg, vart eg eit ordtøke for deim. **12** Dei
som sit i porten, røder um meg, og drikkarane syng
um meg. **13** Men eg kjem med mi bøn til deg, Herre, i
nådetidi, Gud, for di store miskunn; svara meg med di
trufaste hjelp! **14** Fria meg ut or søyla, og lat meg ikkje
søkka! Lat meg verta utfria frå deim som hatar meg
og frå dei djupe vatni! **15** Lat ikkje vatsflodi fløyma
yver meg, og ikkje djupet svelgja meg, og heller ikkje
brunnen lata att sitt gap yver meg! **16** Svara meg,
Herre, for din nåde er god, etter di store miskunn vend
deg til meg! **17** Og løyn ikkje di åsyn for tenaren din,
for eg er i naud; svara meg snart! **18** Kom nær til
mi sjæl, løys henne ut! Frels meg for mine fiendar
skuld! **19** Du kjenner mi spott og skam og vanæra, for
di åsyn stend alle dei som trengjer meg. **20** Spottord
hev brote mitt hjarta sund, so eg er sjuk; eg venta på
medynk, men der var ingi, og på trøystarar, men eg
fann ingen. **21** Og dei gav meg gall å eta, og då eg
var tyrst, gav dei meg eddik å drikka. **22** Lat bordet
deira framfyre deim verta ei snara, og ei gildra for deim
når dei er trygge! **23** Lat augo deira dimmast so dei
ikkje ser, og lat deira lender alltid skjelva! **24** Renn ut
yver deim din vreide, og lat din brennande harm nå
deim! **25** Lat deira bustad verta øydd, lat det ingen
vera som bur i deira tjeld! **26** For dei forfylgjer den som
du hev slege, og dei fortel um pinsla åt deim som du
hev gjenomstunge. **27** Lat deim leggja syndeskuld til
si syndeskuld, og lat deim ikkje koma til di rettferd!
**28** Lat deim verta utstrokne or livsens bok, og ikkje
verta innskrivne med dei rettferdige! **29** Men eg er ein
arming full av verk, Gud, lat di frelsa berga meg! **30** Eg
vil lova Guds namn med song og høglova honom med
takksegjing, **31** og det skal tekkjast Herren betre enn
ein ung ukse med horn og klauver. **32** Når spaklyndte
ser det, vil dei gleda seg; de som søkjer Gud - må
dykkar hjarta liva! **33** For Herren høyrer på dei fatige,
og sine fangar vanvyrder han ikkje. **34** Himmel og jord
skal lova honom, havet og alt som krek i det. **35** For
Gud skal frelsa Sion og byggja byarne i Juda, og dei
skal bu der og eiga deim. **36** Og avkjømet til hans
tenarar skal erva deim, og dei som elskar hans namn,
skal bu der.

**70** Til songmeisteren; av David; til minnesofferet.
Gud, ver meg til berging! Herre, kom meg snart til

hjelp! 2 Lat deim verta til skam og spott, dei som stend
etter mitt liv! Lat deim vika attende og skjemmast, som
hev hugnad i mi ulukka! 3 Lat deim snu for si skjemd
dei som segjer: «Ha, ha!» 4 Lat deim fegnast og gleda
seg i deg, alle dei som søkjer deg! Lat deim som elskar
di frelsa, alltid segja: «Høglova vere Gud!» 5 For eg er
arm og fatig; Gud, kom snart til meg! Du er mi hjelp og
min frelsar; Herre, dryg ikkje!

**71** Til deg, Herre, flyr eg, lat meg aldri verta til
skammar! 2 Fria meg ut og berga meg ved di
rettferd, bøyg ditt øyra til meg og frels meg! 3 Ver
meg eit berg til å bu på, der eg alltid kann koma!
Du hev påbode frelsa for meg, for du er mitt fjell og
mi festning. 4 Min Gud, berga meg frå handi til den
ugudlege, frå hans neve som er urettferdig og gjer
valdsverk! 5 For du er den eg vonar på, Herre, Herre,
den eg set mi lit til alt frå ungdomen. 6 På deg hev
eg studt meg alt frå morsfanget; du er den som drog
meg ut or morslivet, um deg vil eg alltid syngja min
lovsong. 7 Som eit under hev eg vore for mange; men
du er mi sterke borg. 8 Min munn er full av ditt lov,
av di æra heile dagen. 9 Kasta meg ikkje burt i min
alderdom, forlat meg ikkje når mi kraft vert til inkjes!
10 For mine fiendar hev sagt um meg, og dei som
lurar på mi sjæl, legg råder i hop, 11 og segjer: «Gud
hev forlate honom; forfylg honom og tak honom, for
det er ingen som bergar!» 12 Gud, ver ikkje langt frå
meg! Min Gud, kom meg snart til hjelp! 13 Lat deim
som stend etter mitt liv, verta til skammar og ganga til
grunnar! Lat deim som søkjer mi ulukka, verta klædde
i spott og skam! 14 Men eg vil alltid venta, og stødt vil
eg lova deg meir og meir. 15 Min munn skal fortelja um
di rettferd, um di frelse all dagen, for eg veit ikkje tal
på deim. 16 Eg vil koma fram med Herrens, Herrens
velduge verk, eg vil forkynna di rettferd, berre di. 17
Gud, du hev lært meg upp alt frå ungdomen, og til
dessa kunngjer eg dine undergjerningar. 18 Forlat meg
då ikkje heller når eg vert gamall og grå, du Gud, til
dess eg fær forkynna um din arm til ei onnor ætt, um
di magt til kvar den som skal koma. 19 Og di rettferd,
Gud, når upp til det høge, du Gud, som hev gjort store
ting, kven er som du? 20 Du som hev late oss sjå
mange trengslor og ulukkor, du vil gjera oss livande att
og draga oss upp att or dypterne i jordi. 21 Du vil lata
meg veksa og vil venda um og trøysta meg. 22 So vil
eg prisa deg med harpespel, din truskap, min Gud! Eg
vil syngja deg lov med cither, du Israels Heilage. 23
Mine lippor skal fegnast når eg syng deg lov, og mi
sjæl, som du hev løyst ut. 24 Ogso tunga mi skal heile
dagen kveda ut di rettferd, for dei hev vorte til skam og
spott, dei som søkjer mi ulukka.

**72** Av Salomo. Gud, gjev kongen dine domar og
kongssonen di rettferd! 2 Han skal døma ditt
folk med rettferd og dine armingar med rett. 3 Fjelli
skal bera fred for folket, og like eins haugarne, ved
rettferd. 4 Han skal døma armingarne i folket, han skal
frelsa borni åt den fatige og knasa valdsmannen. 5 Dei
skal ottast deg so lenge soli skin, og so lenge månen
lyser frå ætt til ætt. 6 Han skal koma ned som regn
på nyslegen voll, lik ei regnskur som væter jordi. 7 I
hans dagar skal den rettferdige bløma, og det skal
vera mykje fred, alt til det ingen måne er meir. 8 Og
han skal hava herredom frå hav til hav, og frå elvi
til endarne av jordi. 9 Dei som bur i øydemarki, skal
bøygja seg for honom, og hans fiendar skal slikka
mold. 10 Kongarne frå Tarsis og øyarne skal bera
fram gåvor, kongarne frå Sjeba og Seba skal koma
med skatt. 11 Alle kongar skal fall ned for honom,
alle folkeslag skal tena honom. 12 For han skal frelsa
den fatige som ropar, og armingen som ingen hjelpar
hev. 13 Han skal spara vesalmannen og den fatige,
og sjælerne åt dei fatige skal han frelsa. 14 Frå trykk
og vald skal han løysa deira sjæl, og dyrt skal blodet
deira vera i hans augo. 15 Og han skal liva, og Sjeba-
gull skal han gjeva honom, og han skal alltid beda
for honom, heile dagen skal han lova honom. 16 Det
skal vera ei mengd med korn i landet, på fjelltopparne,
grøda skal susa som Libanonskogen, og folk blømer
fram i byarne som gras på jordi. 17 Hans namn skal
vara i all æva, so lenge soli skin, skal hans namn setja
nye renningar, og ved honom skal dei velsigna seg,
alle heidningefolk skal prisa honom sæl. 18 Lova vere
Gud Herren, Israels Gud, han, den einaste som gjer
under! 19 Og lova vere hans herlege namn i all æva!
og all jordi verte full av hans æra! Amen, amen! 20
Ende på bønerne av David, son åt Isai.

**73** Ein salme av Asaf. Ja, Gud er god mot Israel,
mot deim som hev eit reint hjarta. 2 Men eg
- mine føter hadde so nær snåva, det skilde lite at
mine stig hadde skride ut. 3 For eg harmast på dei
ovmodige, når eg såg at det gjekk dei gudlause godt.
4 For dei er frie frå verk til dei døyr, og deira kropp
er feit. 5 Dei veit ikkje av naud som andre folk, og
dei vert ikkje plåga som andre menneskje. 6 Difor er
ovmod deira halsprydnad, vald sveiper seg um deim
som eit klædeplagg. 7 Augo deira glytter ut or feitt,
deira hjartans tankar bryt fram. 8 Dei spottar og talar i
vondskap um valdsverk, frå høgdi talar dei. 9 Dei set
sin munn til himmelen, og deira tunga fer fram yver
jordi. 10 Difor vendar deira folk seg til, og mykje vatn
syg dei inn. 11 Og dei segjer: «Korleis skulde Gud vita
noko? Finst det vel kunnskap hjå den Høgste?» 12 Sjå
desse er ugudlege, og æveleg trygge veks dei i magt.

13 Ja, fåfengt hev eg reinsa mitt hjarta og tvege mine
hender i uskyld, 14 eg vart like vel plåga heile dagen,
og kvar morgon fekk eg tukt. 15 Dersom eg hadde
sagt: «Eg vil tala soleis, » då hadde eg vore utru mot
ætti av dine born. 16 Og når eg tenkte etter korleis eg
skulda skyna dette, vart det for mødesamt var det for
meg 17 - til dess eg gjekk inn i Guds heilagdomar og
agta på deira ende. 18 Ja, på hålka set du deim; du let
deim falla radt til grunns. 19 Kor dei vart øydelagde i
ein augneblink! Dei gjekk under, fekk ein skræmeleg
ende. 20 Som ein vanvyrder ein draum når ein vaknar,
soleis vanvyrder du, Herre, deira bilæte når du vert
vaken. 21 Når mitt hjarta var beiskt, og eg fekk styng i
nyro, 22 då var eg uvitug og skyna inkje, eit fe var eg
imot deg. 23 Men eg er alltid hjå deg, du hev gripe mi
høgre hand. 24 Du vil leida meg med di råd og sidan
tek du meg upp til æra. 25 Kven hev eg i himmelen?
Og når du er min, hev eg ingen hug til jordi. 26 Um
mitt kjøt og hjarta vert til inkjes, so er Gud æveleg mitt
hjartans berg og min deil. 27 For sjå, dei som er langt
burte frå deg, skal ganga til grunnar; du tyner alle som
i hor gjeng frå deg. 28 Men for meg er det godt å halda
meg nær til Gud, eg set mi lit til Herren, Herren, at eg
må fortelja alle dine gjerningar.

**74** Ein song til lærdom av Asaf. Kvifor hev du, Gud,
støytt oss burt til æveleg tid? Kvifor ryk din vreide
mot den hjord du beiter? 2 Kom i hug din lyd som
du fekk deg i fordoms tid, som du løyste ut til å vera
din arvs ætt, Sions fjell der du bur. 3 Stig upp til
dei ævelege øydehus! Alt hev fienden brote sund i
heilagdomen. 4 Dine motstandarar hev bura midt i ditt
samlingshus, dei hev sett sine merke upp til merke. 5
Det såg ut som når ein lyfter øksar og høgg i tettvakse
tre. 6 Og no, alt som fanst av utskurd, det slo dei sund
med øks og hamar. 7 Dei hev sett eld på heilagdomen
din, reint til grunnen hev dei vanhelga bustaden for ditt
namn. 8 Dei hev sagt i sitt hjarta: «Lat oss tyna deim
alle i hop!» Dei hev brent upp alle Guds samlingshus
i landet. 9 Våre merke ser me ikkje, det finst ingen
profet lenger, og ingen hjå oss som veit kor lenge.
10 Gud, kor lenge skal motstandaren spotta, fienden
vanvyrda ditt namn æveleg? 11 Kvifor dreg du di hand,
di høgre hand, attende? Tak henne ut or barmen, og
øydelegg! 12 Gud er då min konge frå gamall tid, som
skaper frelsa midt på jordi. 13 Du skilde havet ved din
styrke, du krasa hovudi til drakarne på vatnet. 14 Du
slo sund hovudi til Livjatan, du gjorde honom til føda for
folk i øydemarki. 15 Du let kjelda og bekk renna fram,
du turka ut årgangs elvar. 16 Deg høyrer dagen til, deg
høyrer og natti til, du hev laga ljosi og soli. 17 Du hev
sett fast alle grensor på jordi, sumar og vinter - du hev
laga deim. 18 Kom i hug dette: Fiendar hev spotta
Herren, og eit dårlegt folk hev vanvyrdt ditt namn. 19
Gjev ikkje turtelduva di til den mordfuse flokken, gløym
ikkje æveleg flokken av dine armingar! 20 Sjå til di
pakt! for løyndekrokarne i landet er fulle av valds-bøle.
21 Lat ikkje den nedtrykte snu um med skam, lat den
arme og fatige lova ditt namn! 22 Statt upp, Gud! før di
sak! Kom i hug at du vert spotta av dåren heile dagen!
23 Gløym ikkje røysti åt dine fiendar, ståket frå dine
motstandarar som alltid stig upp!

**75** Til songmeisteren; «tyn ikkje»; ein salme av Asaf,
ein song. Me prisar deg, Gud, me prisar, og nær
er ditt namn, dei fortel um dine under. 2 For «eg vil
gripa den fastsette tid, eg, med rettferd vil eg døma.
3 Jordi og alle som bur der, kjem i røra, eg hev sett
hennar stolpar fast.» (Sela) 4 Eg segjer til skrøytarane:
«Skrøyt ikkje!» og til dei ugudlege: «Reis ikkje horn!
5 Reis ikkje hornet dykkar høgt, gjer ikkje nakke og
tala agelaust!» 6 For ikkje frå aust eller frå vest, og
ikkje heller frå fjell-øydemarki - 7 men Gud er den som
dømer, den eine nedrar han, hin høgrar han. 8 For eit
staup er i Herrens hand med skumande vin, det er fullt
av kryddevin, og han skjenkjer av det, ja, bermen skal
dei suga til seg og drikka, alle dei ugudlege på jordi.
9 Men eg vil forkynna det æveleg, eg vil lovsyngja
Jakobs Gud. 10 Og alle horni på dei ugudlege vil eg
hogga av; horni på den rettferdige skal reisa seg høgt.

**76** Til songmeisteren, med strengleik; ein salme av
Asaf, ein song. Gud er kjend i Juda, i Israel er
hans namn stort. 2 Han bygde si hytta i Salem og
sin bustad på Sion. 3 Der braut han sund ljoni frå
bogen, skjold og sverd og ufred. (Sela) 4 Strålande
er du, herleg framfor rans-bergi. 5 Dei hjarte-sterke
menner hev vorte plundra, dei søv sin svevn, og ingen
av kjemporne fann sine hender. 6 Ved ditt trugsmål,
Jakobs Gud, vart både vogn og hest djupt svævde. 7
Du - skræmeleg er du, og kven kann standa for di åsyn
når du vert vreid? 8 Frå himmelen let du høyrast dom;
jordi ræddast og vart still 9 då Gud stod upp til dom, til
å frelsa alle spaklyndte på jordi. (Sela) 10 For manne-
harm må prisa deg, med endå større harm gyrder du
deg. 11 Gjer lovnad og haldt det de lova til Herren,
dykkar Gud! Alle kring honom skal føra gåvor til den
skræmelege. 12 Han staggar stormodet hjå hovdingar,
han er skræmeleg for kongarne på jordi.

**77** Til songmeisteren, for Jedutun; ein salme av
Asaf. Eg ropar til Gud, og eg vil skrika; eg ropar
til Gud, og han vil venda øyra til meg. 2 Den Dagen eg
er i naud, søkjer eg Herren, um natti retter eg ut handi,
og ho vert ikkje trøytt, mi sjæl vil ikkje lata seg trøysta.
3 Eg vil koma Gud i hug og sukka, eg vil tenkja etter,

og mi ånd vanmegtast. (Sela) **4** Du held augo mine
vakande, eg er uroleg og talar ikkje. **5** Eg tenkjer på
fordoms dagar, på lengst framfarne år. **6** Eg vil koma i
hug min strengleik um natti, i mitt hjarta vil eg grunda,
og mi ånd vil ransaka. **7** Vil Herren æveleg støyta
burt? vil han ikkje lenger visa nåde? **8** Er det for all
tid ute med hans miskunn? Hev hans lovnad vorte
upp i inkje frå ætt til ætt? **9** Hev Gud gløymt å vera
nådig? Eller hev han i vreide stengt for sin godhug?
(Sela) **10** Eg segjer: Dette er mi plåga, det er år frå
høgre handi til den Høgste. **11** Eg vil forkynna Herrens
gjerningar, for eg vil minnast dine under frå fordoms
tid. **12** Og eg vil tenkja etter alt ditt verk, og på dine
store gjerningar vil eg grunda. **13** Gud, i heilagdom
er din veg, kven er ein gud, stor som Gud? **14** Du er
den Gud som gjer under; du hev kunngjort din styrke
millom folkeslagi. **15** Du hev løyst ditt folk ut med
velde, borni åt Jakob og Josef. (Sela) **16** Vatni såg
deg, Gud, vatni såg deg og bivra, ja, djupi skalv. **17**
Skyerne gav vatn, himmelen dunde, ja, dine piler flaug
ikring. **18** Di tora dunde i kvervelstormen, eldingar lyste
upp jordriket, jordi skalv og riste. **19** I havet gjekk din
veg, og dine stigar gjenom store vatn, og dine fotspor
vart ikkje kjende. **20** Du førde ditt folk som ei hjord ved
handi åt Moses og Aron.

**78** Ein song til lærdom av Asaf. Lyd, mitt folk, på
læra mi, legg øyra til det munnen min talar! **2**
Eg vil opna min munn med fyndord, eg vil lata gåtor
frå gamall tid strøyma ut. **3** Det me hev høyrt og veit,
og det våre feder hev fortalt oss, **4** det vil me ikkje
dylja for deira born, men fortelja Herrens pris for den
komande ætti, og hans styrke og hans under, som han
hev gjort. **5** Han hev sett upp eit vitnemål i Jakob, og ei
lov hev han lagt i Israel, som han baud våre feder, til å
kunngjera deim for borni, **6** so den komande ætti, dei
born som skulde verta fødde, kunde kjenna deim, at
dei kunde koma fram og fortelja um deim til sine born,
**7** og setja si von til Gud, og ikkje gløyma Guds verk,
men taka vare på hans bodord, **8** og ikkje vera som
deira feder, ei tver og tråssug ætt, ei ætt som ikkje
gjorde sitt hjarta fast, og som i si ånd ikkje var trufast
mot Gud. **9** Efraims born, dei væpna bogeskyttarar, dei
snudde på stridsdagen. **10** Dei heldt ikkje Guds pakt og
vilde ikkje ferdast i hans lov. **11** Og dei gløymde hans
storverk og hans under som han hadde synt deim. **12**
For deira feder hadde han gjort under i Egyptarlandet
på Soans mark. **13** Han kløyvde havet og let deim
ganga igjenom, og let vatnet standa som ein haug.
**14** Og han leidde deim med skyi um dagen, og heile
natti ved elds ljos. **15** Han kløyvde berg i øydemarki og
let deim drikka som av store vatsdjup. **16** Og han let
bekkjer koma or fjellet og fekk vatn til å renna ned som
elvar. **17** Men dei heldt endå på og synda imot honom,
og var tråssuge mot den Høgste i øydemarki. **18** Og
dei freista Gud i sitt hjarta, so dei kravde mat for si lyst.
**19** Og dei tala imot Gud, dei sagde: «Kann vel Gud
duka bord i øydemarki? **20** Sjå, han slo i berg, so vatn
rann ut, og bekkjer fløymde. Tru han og kann gjeva
brød, eller koma med kjøt til sitt folk?» **21** Difor, då
Herren høyrde det, vart han harm, og eld loga upp mot
Jakob, og vreide reiste seg mot Israel; **22** for dei trudde
ikkje på Gud og leit ikkje på hans frelsa. **23** Og han gav
skyerne ovantil, og himmelportarne let han upp. **24** Og
han let manna regna yver deim til føda, og himmelkorn
gav han deim. **25** Englebrød fekk menneskje eta, nista
sende han deim til mette. **26** Han let austanvinden fara
ut i himmelen, og han førde sunnanvinden fram ved si
magt. **27** Og han let kjøt regna yver deim som dust, og
fljugande fuglar som havsens sand, **28** og han let deim
falla ned midt i deira læger, kringum deira bustader. **29**
Og dei åt og vart ovleg mette, og det dei hadde hug
på, let han deim få. **30** Dei var ikkje komne burt frå
si lyst, endå hadde dei maten i munnen, **31** då steig
Guds vreide upp imot deim, og han drap deira sterke
menner hjå deim, og Israels ungdomar slo han ned. **32**
Med alt dette synda dei endå, og dei trudde ikkje på
hans under. **33** Og han let deira dagar kverva i fåfengd,
og deira år i rædsla. **34** Når han slo deim ned, då
spurde dei etter honom, og vende um og søkte Gud,
**35** og kom i hug at Gud var deira berg og den høgste
Gud var deira atterløysar. **36** Men dei gjølte for honom
med sin munn, og laug for honom med si tunga. **37** Og
deira hjarta hekk ikkje fast ved honom, og dei var ikkje
true mot hans pakt. **38** Men han er miskunnsam, han
forlet skuld og tyner ikkje, og mange gonger let han sin
vreide venda um, og han vakte ikkje heile sin harm. **39**
Og han kom i hug at dei var kjøt, ein andepust som
kverv og ikkje kjem att. **40** Kor ofte dei tråssa honom i
øydemarki og gjorde honom sorg i audni! **41** Og dei
freista atter Gud og krenkte Israels Heilage. **42** Dei
kom ikkje handi hans i hug, eller den dagen då han
fria deim frå fienden, **43** då han gjorde sine teikn i
Egyptarland, og sine undergjerningar på Soans mark.
**44** Og han gjorde deira elvar til blod, og sine rennande
vatn kunde dei ikkje drikka. **45** Han sende imot deim
flugesvermar som åt deim upp, og froskar som tynte
deim. **46** Og han gav deira grøda til gnagaren og deira
arbeid til grashoppen. **47** Han slo deira vintre ned med
hagl og deira morbærtre med haglsteinar. **48** Og han
gav deira fe til haglet og deira hjorder til eldingarne. **49**
Han sende på deim sin brennande vreide, sinne og
harm og trengsla, ei sending av uferds-englar. **50** Han
braut veg for sin vreide, han sparde ikkje deira sjæl
for dauden, og deira liv gav han til sotti. **51** Og han

slo alle fyrstefødde i Egyptarland, fyrstegrøda av dei
sterke i Khams tjeld. 52 Og han let sitt folk fara av stad
som sauer, og førde deim som ei hjord i øydemarki. 53
Og han leidde deim trygt, og dei ræddast ikkje, men
havet løynde deira fiendar. 54 Og han førde deim til
sitt heilage landmerke, det fjell som hans høgre hand
hadde vunne. 55 Og han dreiv ut heidningar for deim,
og let deira land falla til deim som arv, og let Israels
ætter bu i deira tjeld. 56 Men dei freista Gud, den
Høgste, og tråssa honom, og hans vitnemål agta dei
ikkje på. 57 Og dei veik av og var utrugne som deira
feder, dei vende um som ein veik boge. 58 Dei harma
honom med sine haugar og eggja honom med sine
avgudar. 59 Gud høyrde det og vart vreid, og han vart
svært leid av Israel. 60 Og han gjekk burt frå sin bustad
i Silo, det tjeld han hadde slege upp millom menneskje.
61 Og han let sin styrke verta førd burt som fange, og
gav si æra i fiendehand. 62 Og han gav sitt folk til
sverdet, og på sin arv harmast han. 63 Eld åt deira
unge menner, og deira møyar fekk ingen bruresong.
64 Deira prestar fall for sverdet, og deira enkjor fekk
ikkje syrgja 65 Då vakna Herren som ein sovande, som
ei kjempa frå rus av vin. 66 Og han slo sine fiendar
attende, og han førde yver deim æveleg skam. 67 Og
han støytte burt Josefs tjeld, og Efraims ætt valde han
ikkje ut. 68 Men han valde Judas ætt, Sions fjell som
han elska. 69 Og han bygde sin heilagdom som høge
fjell, liksom jordi som han hev grunnfest til æveleg tid.
70 Og han valde ut David, sin tenar, og tok honom frå
sauegrindarne. 71 Han førde honom frå lambsauerne
som han fylgde, til å gjæta Jakob, sitt folk, og Israel,
sin arv. 72 Og han gjætte deim etter sitt ærlege hjarta,
og med si kloke hand leidde han deim.

**79** Ein salme av Asaf. Gud, heidningar er komen
inn i arven din, dei hev gjort ditt heilage tempel
ureint, dei hev gjort Jerusalem til steinhaugar. 2 Dei
hev gjeve liki av dine tenarar til føda for fuglarne
under himmelen, kjøtet av dine trugne til landsens
villdyr. 3 Dei hev rent ut deira blod som vatn kringum
Jerusalem, og det var ingen som jorda deim. 4 Me hev
vorte til spott for våre grannar, til hæding og lått for
deim som bur ikring. 5 Kor lenge, Herre, vil du æveleg
vera vreid? Kor lenge skal din brennhug loga som
eld? 6 Renn din harme ut yver heidningarne som ikkje
kjenner deg, og yver dei kongerike som ikkje kallar
på ditt namn! 7 For dei hev ete upp Jakob, og hans
bustad hev dei øydelagt. 8 Kom ikkje i hug mot oss
synderne åt våre forfeder, lat di miskunn snart koma
imot oss, for me er svært utmødde! 9 Hjelp oss, du vår
Frelse-Gud, for ditt namns æra skuld! og frels oss og
forlat oss våre synder for ditt namn skuld! 10 Kvifor
skal heidningarne segja: «Kvar er deira Gud?» Lat det
for våre augo verta kjent millom heidningarne, at det
kjem hemn yver det utrende blodet av dine tenarar!
11 Lat sukken frå den bundne koma for di åsyn! So
sterk som armen din er, spar daudens born! 12 Gjev
våre grannar sjufald att i deira fang den spott som dei
hev spotta deg med, Herre! 13 Og me, ditt folk og den
hjord du beiter, me vil lova deg æveleg, frå ætt til ætt
vil me kunngjera din pris.

**80** Til songmeisteren, etter «Liljor»; eit vitnemål av
Asaf, ein salme. Du Israels hyrding, vend øyra
til! du som fører Josef som ei hjord, du som tronar yver
kerubarne, syn deg herleg! 2 Vekk upp ditt velde for
Efraim og Benjamin og Manasse, og kom oss til hjelp!
3 Gud, reis oss upp att, og lat ditt andlit lysa, so me
vert frelste! 4 Herre Gud, Allhers drott! Kor lenge du
frøser av harm, endå folket ditt bed! 5 Du gav deim
tårebrød til å eta og tåror til å drikka i fullt mål. 6 Du
sette oss til eit trættemål for våre grannar, og våre
fiendar spottar seg imillom. 7 Gud, allhers drott, reis
oss upp att og lat ditt andlit lysa, so me vert frelste! 8
Eit vintre flutte du frå Egyptarland, du dreiv heidningar
ut og planta det. 9 Du rudde rom for det, og det feste
rot og fyllte landet. 10 Fjell vart løynde av skuggen
frå det, og Guds cedrar av greinerne. 11 Det strekte
sine greiner ut til havet, og sine renningar burt imot
elvi. 12 Kvi hev du rive ned gardarne ikring det, so
alle som gjeng framum på vegen, plukkar av det? 13
Svinet frå skogen gneg på det og dyri på marki beitar i
det. 14 Gud, allhers drott, vend um att! skoda ned frå
himmelen og sjå og vitja ditt vintre! 15 og verna um
det som di høgre hand hev planta, og um den son
du hev valt deg ut! 16 Det er brent med eld, det er
avhogge, for trugsl frå ditt andlit gjeng dei til grunnar.
17 Haldt di hand yver mannen ved di høgre hand, yver
menneskjesonen som du hev valt deg ut, 18 so vil me
ikkje vika frå deg! Gjer oss levande att, so vil me kalla
på ditt namn! 19 Herre Gud, allhers drott, reis oss upp
att, og lat ditt andlit lysa, so me vert frelste!

**81** Til songmeisteren, etter Gittit; av Asaf. Syng med
fagnad for Gud, vår styrke! Ropa med gleda for
Jakobs Gud! 2 Set i med song, og lat trumma høyrast,
den væne cither med harpa! 3 Blås i lur ved nymåne,
ved fullmåne på vår høgtidsdag! 4 For det er ei lov for
Israel, ein rett for Jakobs Gud. 5 Han sette det til eit
vitnemål i Josef då han drog ut gjenom Egyptarland. -
Eit mål som eg ikkje kjende, høyrde eg: 6 «Eg løyste
hans oksl frå byrdi, hans hender vart frie frå berekorgi.
7 I trengsla ropa du, og eg fria deg ut, eg svara deg,
løynd i toresky, eg prøvde deg ved Meribavatni. (Sela)
8 Høyr, mitt folk, so vil eg vitna for deg! Israel, gjev du
vilde høyra på meg! 9 Det skal ikkje finnast nokon

annan gud hjå deg, og du skal ikkje tilbeda ein framand
gud. 10 Eg er Herren, din Gud, som førde deg upp
frå Egyptarland, lat munnen vidt upp, at eg kann fylla
honom! 11 Men folket mitt høyrde ikkje på mi røyst,
og Israel vilde ikkje lyda meg. 12 So let eg deim fara
med sitt harde hjarta, at dei kunde ganga i sine eigne
råder. 13 Gjev mitt folk vilde høyra på meg, gjev Israel
vilde vandra på mine vegar! 14 Snart skulde eg då
bøygja deira fiendar, eg skulde venda mi hand imot
deira motstandarar. 15 Dei som hatar Herren, skulde
høla honom, og deira tid skulde vara æveleg. 16 Og
eg skulde føda honom med den beste kveite, og frå
berget skulde eg metta deg med honning.»

**82** Ein salme av Asaf. Gud stend i Guds samling;
midt imillom gudar held han dom: 2 «Kor lenge
vil de døma rangt og halda med dei ugudlege? (Sela) 3
Døm den ringe og farlause! Lat armingen og den fatige
få sin rett! 4 Berga den ringe og fatige, frels han frå
handi åt dei ugudlege! 5 Dei veit inkje og skynar inkje,
dei ferdast i myrker; alle grunnvollar til jordi ruggar. 6
Eg hev sagt: «De er gudar, søner til den Høgste er de
alle.» 7 Men sanneleg, som menneskje skal de døy,
og som ein av hovdingarne skal de falla.» 8 Statt upp,
Gud, haldt dom yver jordi! For du eig alle heidningar.

**83** Ein song, ein salme av Asaf. Gud, teg ikkje!
haldt deg ikkje still og roleg, Gud! 2 For sjå, dine
fiendar bråkar, og dei som hatar deg, lyfter hovudet! 3
Mot ditt folk legg dei sløge råder, og dei samråder seg
mot deim som du tek vare på. 4 Dei segjer: «Kom, lat
oss rydja deim ut, so dei ikkje lenger er eit folk! og
Israels namn skal ingen meir koma i hug!» 5 For dei
hev av hjarta samrådt seg, mot deg gjeng dei i pakt. 6
Edoms tjeld og ismaelitarne, Moab og hagarenarne, 7
Gebal og Ammon og Amalek, Filistarland med deim
som bur i Tyrus. 8 Ogso Assur hev gjenge i lag med
deim, han låner sin arm til Lots søner. (Sela) 9 Gjer
med deim som med Midjan! som med Sisera, som med
Jabin ved Kisons bekk! 10 Dei vart øydelagde ved En-
Dor, dei vart til møk på marki. 11 Far med deim, deira
fremste menner, som med Oreb og Ze'eb, og med alle
deira hovdingar som med Zebah og Salmunna! 12
deim som segjer: «Lat oss hertaka Guds bustader!» 13
Min Gud, gjer deim som ein dustkvervel, som agner for
vinden! 14 Lik ein eld som brenn ein skog, lik ein loge
som set eld på fjell, 15 soleis forfylgje du deim med din
storm og skræme deim med ditt uver! 16 Fyll deira
andlit med skam, at dei må søkja ditt namn, Herre! 17
Lat deim skjemmast og skræmast æveleg og alltid, lat
dei verta skjemde og ganga til grunnar! 18 Og lat deim
få vita, at einast du hev namnet Herre, den Høgste
yver heile jordi!

**84** Til songmeisteren, etter Gittit; av Korahs born,
ein salme. Kor elskelege dine bustader er, Herre,
allhers drott! 2 Mi sjæl lengtar, ja naudstundar etter
Herrens fyregardar; mitt hjarta og mitt kjøt ropar av
fagnad til den livande Gud. 3 Sporven hev og funne
seg eit hus, og svala eit reir der ho hev lagt sine ungar
- dine altar, Herre, allhers drott, min konge og min Gud!
4 Sæle er dei som bur i ditt hus! dei skal alltid lova
deg. (Sela) 5 Sæl er den mann som hev sin styrke i
deg, dei som hev hug til å fara dei jamne vegar. 6
Når dei fer gjenom tåredalen, gjer dei honom til ein
kjeldevang, ja, tidlegt regn legg velsigning yver honom.
7 Dei gjeng frå kraft til kraft, dei stig fram for Gud på
Sion. 8 Herre Gud, allhers drott, høyr mi bøn! Vend
øyra til, Jakobs Gud! (Sela) 9 Gud, vår skjold, sjå hit
og skoda andlitet til honom du hev salva! 10 For ein
dag i dine fyregardar er betre enn tusund andre; eg vil
heller standa ved dørstokken i min Guds hus enn bu i
tjeldi til gudløysa. 11 For Gud Herren er sol og skjold,
nåde og ære gjev Herren, han held ikkje undan noko
godt frå deim som ferdast i uskyld. 12 Herre, allhers
drott, sæl er den mann som set si lit til deg!

**85** Til songmeisteren; av Korahs born, ein salme.
Herre, du hev vore nådig mot landet ditt, du hev
gjort vending i Jakobs fangeskap. 2 Du hev teke burt
ditt folks skuld, du hev breidt yver alle deira synder.
(Sela) 3 Du hev teke burt all din harm, du hev vendt
deg frå din brennande vreide. 4 Vend um til oss, vår
Frelse-Gud, og gjer ende på din uvilje imot oss! 5 Vil
du æveleg vera vreid på oss? Vil du lata din vreide
vara frå ætt til ætt? 6 Vil ikkje du gjera oss livande att,
so ditt folk kann gleda seg i deg? 7 Herre, lat oss sjå
di miskunn, og gjev oss di frelsa! 8 Eg vil høyra kva
Gud Herren talar, for han talar fred til sitt folk og til
sine trugne - berre dei ikkje vender um att til dårskap.
9 Ja, hans frelsa er nær deim som ottast honom, so
herlegdom skal bu i vårt land. 10 Miskunn og truskap
skal møta kvarandre, rettferd og fred kyssa kvarandre.
11 Truskap skal renna upp av jordi, og rettferd skoda
ned frå himmelen. 12 Herren skal og gjeva det som
gode, og vårt land skal gjeva si grøda. 13 Rettferd skal
ganga fyre honom og gjera hans fotspor til sin veg.

**86** Ei bøn av David. Herre, bøyg ditt øyra, svara
meg! for arm og fatig er eg. 2 Tak vare på mi
sjæl, for eg er gudleg. Frels din tenar, du min Gud,
han som lit på deg! 3 Ver meg nådig, Herre! For til
deg ropar eg heile dagen. 4 Gled din tenars sjæl! For
til deg, Herre, lyfter eg mi sjæl. 5 For du, Herre, er
god og viljug til forlating, og rik på miskunn for alle
deim som kallar på deg. 6 Herre, vend øyra til mi bøn,
og merka på mi bønerøyst! 7 Den dag eg er i naud,

ropar eg på deg, for du svarar meg. 8 Ingen er som du
millom gudarne, Herre, og ingi verk er som dine. 9 Alle
heidningar som du hev skapt, skal koma og tilbeda for
di åsyn, Herre, og dei skal æra ditt namn. 10 For du
er stor og gjer undergjerningar, du er Gud og ingen
annan. 11 Lær meg, Herre, din veg, eg vil ferdast i di
sanning; sameina mitt hjarta til å ottast ditt namn! 12
Eg vil prisa deg, Herre min Gud, av alt mitt hjarta, og
eg vil æra namnet ditt æveleg. 13 For di miskunn er
stor yver meg, og du hev frelst mi sjæl frå den djupe
helheimen. (Sheol h7585) 14 Gud, stormodige hev reist
seg imot meg, og ein flokk av valdsmenner stend etter
livet mitt, og dei hev ikkje deg for auga. 15 Men du,
Herre, er ein miskunnsam og nådig Gud, langmodig og
rik på miskunn og truskap. 16 Vend deg til meg og ver
meg nådig, gjev din tenar styrken din, og frels son åt di
tenestkvinna! 17 Gjer eit teikn med meg til det gode, at
dei som hatar meg, må sjå det og skjemmast, av di du,
Herre, hev hjelpt meg og trøysta meg.

**87** Av Korahs born; ein salme, ein song. Det som
han hev grunnfest på dei heilage fjelli, 2 Sions
portar elskar Herren mest av alle Jakobs bustader.
3 Herlege ting er sagde um deg, du Guds by. (Sela)
4 «Eg vil nemna Rahab og Babel millom deim som
kjenner meg; sjå Filistaren, Tyrus og Kusj: Denne er
fødd der.» 5 Og um Sion skal det verta sagt: «Kvar
ein er fødd der», og han, den Høgste, gjer det fast.
6 Herren skal telja soleis, når folki vert uppskrivne:
«Denne er fødd der.» (Sela) 7 Og dei som syng og dei
som dansar, skal segja: «Alle mine kjeldor er i deg.»

**88** Ein song, ein salme av Korahs born. Til
songmeisteren; etter Mahalat leannot; ein song
til lærdom av ezrahiten Heman. Herre, min Frelse-
Gud! Dag og natt ropar eg framfyre deg. 2 Lat mi bøn
koma for di åsyn, bøyg ditt øyra til mitt klagerop! 3 For
mi sjæl er mett av ulukkor, og mitt liv er kome nær til
helheimen. (Sheol h7585) 4 Eg er rekna lik deim som fer
ned i gravi, eg er som ein mann utan livskraft. 5 Eg
er forlaten millom dei daude, som dei ihelslegne som
ligg i gravi, som du ikkje meir kjem i hug, då dei er
avskorne frå di hand. 6 Du hev lagt meg i den djupe
hola, i myrkrer, i ovdjup. 7 Din harm kvilar tungt på
meg, og med alle dine bylgjor trengjer du meg. (Sela)
8 Du hev drive mine kjenningar langt burt frå meg,
du hev gjort meg til ein styggedom for deim, eg er
innestengd og kann ikkje koma ut. 9 Mitt auga hev
vanmegtast av liding, eg hev kalla på deg kvar dag,
Herre, eg hev rett ut mine hender til deg. 10 Gjer du
vel under for dei daude? eller vil skuggar stand upp og
lova deg? (Sela) 11 Tru dei i gravi fortel um di miskunn,
og um di truskap i avgrunnen? 12 Vert dine under
kjende i myrkret, og di rettferd i gløymelandet? 13 Men
eg ropar til deg, Herre, og um morgonen kjem mi bøn
imot deg. 14 Kvifor, Herre, støyter du burt mi sjæl?
Kvifor løyner du ditt andlit for meg? 15 Arm er eg og
døyande frå ungdomen av, eg ber dine rædslor, eg lyt
gjeva meg yver. 16 Logarne av din harm hev gjenge
yver meg, dine skræmor hev gjort meg til inkjes. 17
Dei hev ringa seg um meg som vatn all dagen, dei hev
i samlag kringsett meg. 18 Du hev drive langt burt frå
meg ven og næste, mine kjenningar er myrkret.

**89** Ein salme til lærdom av ezrahiten Etan. Um
Herrens miskunns verk vil eg æveleg syngja frå
ætt til ætt vil eg med min munn forkynna hans truskap.
2 For eg segjer: Æveleg vert miskunn uppbygd, i
himmelen gjer du din truskap fast. 3 «Eg hev gjort ei
pakt med min utvalde, eg hev svore for David, tenaren
min: 4 «Æveleg vil eg grunnfesta ditt avkjøme, og
eg vil byggja din kongsstol frå ætt til ætt.»» (Sela) 5
Og himmelen prisar di undergjerning, Herre, og din
truskap fær pris i samlingi av dei heilage. 6 For kven
i dei høge skyer likjest Herren? Kven er lik Herren
millom gudesøner? 7 Ein Gud som er ovskræmeleg i
løynderådet til dei heilage, og til rædsla for alle som er
ikring honom. 8 Herre, allhers drott, kven er sterk som
du, Herre? Og din truskap er kringum deg. 9 Du råder
yver havsens ovmod; når bylgjorne i det reiser seg,
stiller du deim. 10 Du hev slege Rahab sund som ein
ihelslegen, med din sterke arm hev du spreidt dine
fiendar. 11 Himmelen er din, og jordi er di; jordriket og
alt som er i det, hev du grunnlagt. 12 Nord og sud hev
du skapt; Tabor og Hermon fegnast i ditt namn. 13 Du
hev ein arm med velde; sterk er di hand, høg er di
høgre hand. 14 Rettferd og rett er grunnvoll for din
kongsstol; miskunn og truskap gjeng fyre di åsyn. 15
Sælt er det folk som kjenner til glederop; i ljoset frå ditt
andlit skal dei ferdast. 16 I ditt namn fegnast dei all
dagen, og ved di rettferd vert dei upphøgde. 17 For du
er prydnaden i deira styrke, og ved din godhug lyfter
du upp vårt horn. 18 For Herren høyrer vår skjold til, og
vår konge til Israels Heilage. 19 Den gong tala du i ei
syn til dine trugne og sagde: «Eg hev lagt hjelp i handi
på ein veldug, eg hev upphøgt ein ungdom av folket. 20
Eg hev funne David, tenaren min, med min heilage olje
hev eg salva honom. 21 Mi hand skal alltid vera med
honom, og min arm skal styrkja honom. 22 Fienden
skal ikkje trengja honom, og den urettferdige skal ikkje
kua honom. 23 Men eg vil krasa hans motstandarar for
hans åsyn, og slå deim som hatar honom. 24 Og min
truskap og mi miskunn skal vera med honom, og i mitt
namn skal hans horn verta upplyft. 25 Eg vil leggja
hans hand på havet og hans høgre hand på elvarne.
26 Han skal ropa til meg: «Du er min far, min Gud

og mitt frelse-fjell!» 27 Og eg vil setja honom til den
fyrstefødde, til den høgste av kongarne på jordi. 28 Mi
miskunn imot honom vil eg æveleg halda ved lag, og
mi pakt skal standa fast for honom. 29 Og eg vil halda
uppe hans avkjøme til æveleg tid, og hans kongsstol
so lenge himmelen varer. 30 Dersom hans born forlet
mi lov og ikkje vandrar etter mine domar, 31 dersom
dei bryt mine bodord og ikkje held mine fyresegner, 32
då vil eg heimsøkja deira misgjerd med ris og deira
skuld med plågor. 33 Men mi miskunn vil eg ikkje
taka frå honom, og ikkje vil eg svika i min truskap.
34 Eg vil ikkje brjota mi pakt og ikkje brigda ordi frå
mine lippor. 35 Eitt hev eg svore ved min heilagdom,
sanneleg, for David vil eg ikkje ljuga. 36 Hans avkjøme
skal vera til æveleg tid, og hans kongsstol som soli
for mi åsyn. 37 Som månen skal han standa æveleg,
og vitnet i skyi er trufast.» (Sela) 38 Og du hev støytt
burt og forsmått, du hev vorte harm på den du hev
salva. 39 Du hev rist av deg pakti med din tenar, du
hev skjemt hans kruna og kasta henne på jordi. 40
Du hev brote ned alle murarne hans, du hev gjort
hans festningar til grusdungar. 41 Alle som fer fram
på vegen, plundrar honom, han hev vorte til spott for
grannarne sine. 42 Du hev upphøgt den høgre hand
til hans motstandarar, du hev gjort alle hans fiendar
glade. 43 Du hev og late og hans sverdsegg vika, og
hev ikkje halde honom uppe i striden. 44 Du hev gjort
ende på hans glans og kasta hans kongsstol til jordi.
45 Du hev korta av hans ungdoms dagar, du hev lagt
skam yver honom. (Sela) 46 Kor lenge, Herre, vil du
løyna deg æveleg? Kor lenge skal din harm brenna
som eld? 47 Kom då i hug kor stutt mitt liv er, og kor
forgjengelege du hev skapt alle menneskjeborn. 48
Kven fær vel liva og ikkje sjå dauden? Kven friar si
sjæl frå helheims vald? (Sela) **(Sheol h7585)** 49 Herre,
kvar er dine nådegjerningar frå fordoms tid, som du
med eid lova David i din truskap? 50 Herre, kom i hug
den skam som ligg yver dine tenarar, at eg må bera i
fanget alle dei mange folk, 51 at dine fiendar spottar,
Herre, at dei spottar hans fotspor som du hev salva.
52 Lova vere Herren æveleg! Amen, amen!

**90** Ei bøn av gudsmannen Moses. Herre, du hev
vore ei livd for oss frå ætt til ætt. 2 Fyrr fjelli
vart til, og du skapte jordi og heimen, ja frå æva og
til æva er du Gud. 3 Du let menneskja venda um til
dust og segjer: «Vend um att, de menneskjeborn!»
4 For tusund år er i dine augo som dagen i går når
han lid, som ei vakt um natti. 5 Du riv deim burt som i
flaum, dei vert som ein svevn, um morgonen er dei
som groande graset; 6 um morgonen blømer det og
gror, um kvelden visnar det burt og turkast upp. 7 For
me hev forgjengest ved din vreide, og ved din harm
er me burtskræmde. 8 Du hev sett våre misgjerder
for augo dine, vår løynde synd i ljoset frå di åsyn. 9
For alle våre dagar er framfarne i din vreide, me hev
livt våre år til ende som ein sukk. 10 Vår livstid, ho
varer sytti år, og når der er mykje kraft, åtteti år, og
jamvel det stoltaste er møda og fåfengd, for snart er
det framfare, og me flaug burt. 11 Kven kjenner styrken
i din vreide og din harm, soleis som ein bør ottast deg?
12 Å telja våre dagar, det lære du oss, at me kann få
visdom i hjarta. 13 Vend um, Herre! Kor lenge? Og
lat det gjera deg vondt for tenarane dine! 14 Metta
oss med di miskunn når morgonen renn, so vil me
fegnast og gleda oss alle våre dagar! 15 Gled oss etter
dei dagar du hev bøygt oss, etter dei år me hev set
ulukka! 16 Lat di gjerning syna seg for tenarane dine
og din herlegdom yver deira born! 17 Og Herren, vår
Guds ynde vere yver oss, og det våre hender gjer,
gjeve du framgang for oss, ja, det våre hender gjer,
det gjeve du framgang!

**91** Den som sit i gøymsla hjå den Høgste, den som
bur i skuggen hjå den Allmegtige, 2 han segjer til
Herren: «Mi livd og mi borg, min Gud som eg set mi lit
til.» 3 For han frelser deg frå snara til fuglefangaren,
frå tynande sott. 4 Med sine fjører løyner han deg, og
under hans vengjer finn du livd; skjold og vern er hans
truskap. 5 Du skal ikkje ræddast for skræmsl um natti,
for pil som flyg um dagen, 6 for pest som fer fram i
myrker, for sott som tyner um middagen. 7 Um tusund
fell attmed sida di, og ti tusund attmed di høgre hand,
so skal det ikkje nå til deg. 8 Du skal berre skoda
det med augo dine, og sjå korleis dei ugudlege fær
si løn. 9 «For du, Herre, er mi livd, » segjer du. Den
Høgste hev du gjort til din bustad. 10 Inkje vondt skal
timast deg, og ingi plåga skal koma nær til ditt tjeld. 11
For han skal bjoda sine englar um deg, at dei skal
vara deg på alle dine vegar. 12 Dei skal bera deg på
hender, so du ikkje skal støyta foten din på nokon
stein. 13 På løva og eiterorm skal du treda, du skal
trakka ned ungløvor og drakar. 14 «Av di han heng fast
ved meg, vil eg fria honom ut; eg vil frelsa honom, av
di han kjenner mitt namn. 15 Han skal kalla på meg, og
eg skal svara honom, eg er med honom i naud, eg vil
fria honom ut og føra honom til ära. 16 Med eit langt
liv vil eg metta honom og lata honom sjå mi frelsa.»

**92** Ein salme, ein song til kviledagen. Det er godt
å prisa Herren, og å syngja ditt namn lov, du
Høgste, 2 å kunngjera di miskunn um morgonen og
din truskap um næterne, 3 med tistrengs-cither og
med harpa, med tankefullt spel på cither. 4 For du
hev gledt meg, Herre, med ditt verk, og eg vil fegnast

yver det dine hender hev gjort. 5 Kor store dine
gjerningar er, Herre! Ovdjupe er dine tankar. 6 Ein
uvitug mann kjenner ikkje til det, og ein dåre skynar
det ikkje. 7 Når dei ugudlege grønkar som gras, og
alle illgjerningsmenner blømer, so er det til deira tyning
til æveleg tid. 8 Men du, Herre, er høg i all æva. 9
For sjå dine fiendar, Herre - for sjå, dine fiendar skal
forgangast, alle illgjerningsmenner vert spreidde. 10
Du lyfter upp mitt horn som hornet til villuksen, frisk
olje er rent yver meg. 11 Og mitt auga skal sjå med
lyst på mine fiendar, og øyro mine høyra um dei vonde
som stend upp imot meg. 12 Den rettferdige skal
renna upp som palmetreet, som ceder på Libanon skal
han veksa. 13 Dei er planta i Herrens hus og skal
grønka i Guds fyregardar. 14 Endå i høg alder skyt dei
friske renningar, dei er groande og grønkande 15 til å
forkynna at Herren er rettvis, han, mitt berg, og at det
ingen urett er i honom.

**93** Herren er konge, han hev klædt seg i høgd;
Herren hev klædt seg, han hev gyrdt seg med
styrke, jordriket stend fast, det let seg ikkje rikka. 2
Fast er din kongsstol frå fordoms tid, frå æva er du. 3
Straumar hev lyft, Herre, straumar hev lyft si røyst,
straumar lyfter upp sin dur. 4 Men meir enn duren av
dei store vatn, dei herlege, havbroti, er Herren herleg i
det høge. 5 Dine vitnemål er ovleg trufaste; heilagdom
høver for huset ditt, Herre, so lenge som dagarne
varer.

**94** Herre, du hemns Gud, du hemns Gud, syn deg
i herlegdom! 2 Statt upp, du domar yver jordi, lat
dei ovmodige få lika for si gjerning! 3 Kor lenge skal
ugudlege, Herre, kor lenge skal ugudlege fegnast? 4
Dei gøyser or seg og fører skamlaus tale; dei skrøyter,
alle ugjerningsmenner. 5 Ditt folk, Herre, krasar dei,
og din arv plågar dei. 6 Enkja og den framande slær
dei i hel, og dei myrder dei farlause. 7 Og dei segjer:
«Herren ser ikkje, og Jakobs Gud merkar det ikkje.» 8
Merka då, de uvituge i folket! Og de vitlause, når vil
de taka til vitet? 9 Han som hev sett inn øyra, skulde
han ikkje høyra? Han som hev laga til auga, skulde
han ikkje sjå? 10 Han som tuktar heidningar, skulde
han ikkje refsa, han som gjev menneski kunnskap? 11
Herren kjenner mannsens tankar, at dei er fåfengd.
12 Sæl er den mann som du, Herre, tuktar, og som
du gjev lærdom or lovi di, 13 til å gjeve honom ro for
vonde dagar, til dess det vert grave ei grav for den
ugudlege. 14 For ikkje støyter Herren burt sitt folk, og
arven sin forlet han ikkje. 15 For domen skal venda
um att til rettferd, og alle ærlege i hjarta skal halda
med honom. 16 Kven stend upp for meg imot dei
vonde? Kven stig fram for meg mot deim som gjer
urett? 17 Dersom ikkje Herren var mi hjelp, so vilde
sjæli mi snart bu i stilla. 18 Når eg segjer: «Foten min
er ustød, då held di miskunn meg uppe, Herre.» 19 Når
det kjem mange tunge tankar i mitt hjarta, då huggar
dine trøystarord mi sjæl. 20 Er vel tynings-domstolen
i samlag med deg, der dei lagar urett i hop til rett?
21 Dei flokkar seg i hop mot sjæli åt den rettferdige,
og dei fordømer uskuldigt blod. 22 Då vert Herren ei
borg for meg, og min Gud vert eit berg som eg flyr til.
23 Og han let deira urett koma attende yver deim, og
for deira vondskap skal han gjera ende på deim, ja,
Herren, vår Gud, skal gjera ende på deim.

**95** Kom, lat oss fegnast for Herren, lat oss ropa av
frygd for vårt frelse-berg! 2 Lat oss stiga fram for
hans åsyn med lovsong, lat oss syngja vår fagnad for
honom i salmar! 3 For ein stor Gud er Herren og ein
stor konge yver alle gudar, 4 han som i si hand hev
det djupaste av jordi, og som eig topparne av fjelli. 5
Han eig havet, for han hev skapt det, og turrlendet
hev hans hender laga. 6 Kom, lat oss falla ned og
bøygja oss, lat oss bøygja kne for Herren, vår skapar!
7 For han er vår Gud, og me er det folk han føder, og
den hjord som handi hans leider. Å, vilde de høyra på
hans røyst i dag! 8 Forherd ikkje dykkar hjarta som
ved Meriba, som på Massa-dagen i øydemarki, 9 der
federne dykkar freista meg! Dei prøvde meg, endå
dei hadde set mi gjerning. 10 I fyrti år var eg leid av
den ætti, og eg sagde: «Dei er eit folk med villfarande
hjarta, og dei kjenner ikkje vegarne mine.» 11 So svor
eg i min vreide: «Sanneleg, dei skal ikkje koma inn til
mi kvila.»

**96** Syng Herren ein ny song, syng for Herren, all
jordi! 2 Syng for Herren, lova hans namn, forkynn
frå dag til dag hans frelsa! 3 Fortel millom heidningar
hans æra, millom alle folkeslag hans under! 4 For
Herren er stor og mykje lovsungen, skræmeleg er
han framfor alle gudar. 5 For alle gudar hjå folki er
avgudar; men Herren hev gjort himmelen. 6 Høgd og
herlegdom er for hans åsyn, styrke og prydnad i hans
heilagdom. 7 Gjev Herren, de folke-ætter, gjev Herren
æra og magt! 8 Gjev Herren hans namns æra, tak
gåvor med og kom i hans fyregardar! 9 Tilbed Herren i
heilagt skrud, skjelv for hans åsyn, all jordi! 10 Seg
millom heidningarne: «Herren er konge, og jordriket
stend fast, det let seg ikkje rikka; han dømer folki med
rettvisa.» 11 Himmelen glede seg, og jordi fagne seg,
havet dure og alt som i det er! 12 Marki frygde seg og
alt det som på marki er! Då fegnast alle tre i skogen 13
for Herrens åsyn; for han kjem, for han kjem til å døma
jordi; han skal døma jordriket med rettferd og folki i sin
truskap.

**97** Herren er konge; jordi fagne seg, mange øyar
glede seg! **2** Skyer og myrker er kringum honom,
rettferd og rett er grunnvoll for hans kongsstol. **3** Eld
gjeng framfyre honom og brenner hans motstandarar
rundt ikring. **4** Hans eldingar lyser upp heimen; jordi
ser det og skjelv. **5** Bergi brånar som voks for Herren,
for Herren yver all jordi. **6** Himmelen forkynner hans
rettferd, og alle folki hans æra. **7** Skjemde vert alle
som dyrkar bilæte, som rosar seg av avgudar. Alle
gudar tilbed honom. **8** Sion høyrer det og gled seg, og
Judas døtter fagnar seg for dine domar skuld, Herre.
**9** For du, Herre, er den høgste yver heile jordi, du
er høgt upphøgd yver alle gudar. **10** De som elskar
Herren, hata det vonde! Han tek vare på sjælerne åt
sine trugne, frå handi til dei ugudlege frelsar han deim.
**11** Ljos er utsått for den rettferdige, og gleda for dei
ærlege i hjarta. **12** Gled dykk, de rettferdige, i Herren!
Syng lov for hans heilage namn!

**98** Ein salme. Syng Herren ein ny song! For han
hev gjort under, hans høgre hand hev hjelpt
honom, og hans heilage arm. **2** Herren hev kunngjort
si frelsa, for augo på heidningarne hev han openberra
si rettferd. **3** Han hev kome i hug si miskunn og sin
truskap mot Israels hus; alle heimsens endar hev set
frelsa frå vår Gud. **4** Ropa med gleda for Herren, all
jordi! Set i med fagnad og lovsong! **5** Syng lov for
Herren med cither, med cither og med lovsongs røyst,
**6** med lurar og basunklang gjev fagnadrop for kongen,
Herren! **7** Havet dure og alt som i det er, heimen og
alle som i heimen bur! **8** Elvarne klappe i hender, fjelli
fagne seg med **9** for Herrens åsyn, for han kjem til å
døma jordi, han skal døma jordriket med rettferd og
folki med rettvisa.

**99** Herren er konge, folki skjelv; han sit på kerubar,
jordi ruggar. **2** Herren er stor i Sion, og høg er
han yver alle folk. **3** Dei skal prisa ditt namn, det store
og skræmelege, heilag er han. **4** Og i si magt elskar
kongen det som rett er; du held rettvisa uppe, du hev
gjort rett og rettferd i Jakob. **5** Høglova Herren, vår
Gud, og fall ned for hans fotskammel! Heilag er han. **6**
Moses og Aron var millom hans prestar, og Samuel
millom deim som kalla på hans namn; dei ropa til
Herren, og han svara deim. **7** I ein skystolpe tala han
til deim, dei heldt hans vitnemål og den lov han gav
deim. **8** Herre vår Gud, du svara deim, du var deim ein
Gud som tilgav deim, men og ein hemnar yver deira
gjerningar. **9** Høglova Herren, vår Gud! Og fall ned for
hans heilage fjell! For heilag er Herren, vår Gud.

**100** Ein lovsalme. Ropa med frygd for Herren, all
jordi! **2** Ten Herren med gleda, kom fram for
hans åsyn med fagnad! **3** Vit at Herren er Gud, han
hev skapt oss, og ikkje me, til sitt folk og til den hjord
han føder. **4** Kom inn i hans portar med takk, i hans
fyregardar med lov, prisa honom, lova hans namn! **5**
For Herren er god, hans miskunn varer æveleg, og
hans truskap frå ætt til ætt.

**101** Av David; ein salme. Um miskunn og rett vil eg
syngja; deg, Herre, vil eg lova. **2** Eg vil agta på
den ulastande veg - når kjem du til meg? Eg vil vandra
i mitt hjartans uskyld i mitt hus. **3** Ikkje set eg meg for
augo nidingsverk, å gjera misgjerd hatar eg, slikt heng
ikkje ved meg. **4** Eit rangsnutt hjarta skal vika frå meg,
vondt vil eg ikkje vita av. **5** Den som løynleg lastar
sin næste, han vil eg tyna; deim med stolte augo og
ovmodigt hjarta kann eg ikkje tola. **6** Mine augo ser på
dei trugne i landet, for eg vil dei skal bu hjå meg; den
som vandrar på ulastande veg, han skal tena meg.
**7** I mitt hus skal ingen få bu som fer med svik; den
som talar lygn, skal ikkje standa for augo mine. **8** Kvar
morgon vil eg tyna alle ugudlege i landet, so eg kann
rydja ut or Herrens by alle ugjerningsmenner.

**102** Bøn av ein arming, når han vanmegtast og let
sitt klagemål strøyma fram for Herren. Herre,
høyr mi bøn, og lat mitt rop koma fram til deg! **2** Løyn
ikkje ditt andlit for meg den dagen eg er i naud! Bøyg
ditt øyra til meg! Den dagen eg ropar, svara meg
snart! **3** For dagarne mine hev fare burt som ein røyk,
og mine bein er som glødde i eld. **4** Mitt hjarta er
solstukke og visnar som gras, for eg hev gløymt å eta
brødet mitt. **5** For mi høgmælte stynjing heng beini
fast ved kjøtet mitt. **6** Eg likjest pelikanen i øydemarki,
eg er som ula på aude stader. **7** Eg lyt vaka og vera
som ein einsleg fugl på taket. **8** Heile dagen spottar
mine fiendar meg, dei som reint er ville mot meg, sver
ved meg. **9** For eg et oska som brød, og drykken min
blandar eg med gråt **10** for din vreide og din harm
skuld, for du hev teke meg upp og kasta meg burt. **11**
Mine dagar er som ein skugge når han lengjest, og eg
visnar som gras. **12** Men du, Herre, sit i all æva, og
ditt minne varer frå ætt til ætt. **13** Du vil standa upp,
du vil miskunna Sion, for det er tid til å vera nådig
mot henne, ja, timen er komen. **14** For dine tenarar
hev godhug for steinarne hennar, og dei ynkast yver
hennar grus. **15** Og heidningar skal ottast Herrens
namn, og alle kongar på jordi di æra. **16** For Herren
hev bygt upp att Sion, han hev synt seg i si æra;
**17** han hev vendt seg til bøni frå dei hjelpelause, og
han hev ikkje vanvyrdt deira bøn. **18** Dette skal verta
uppskrive for den komande ætti, og det folket som vert
skapt, skal lova Herren, **19** for han hev set ned frå si
heilage høgd, Herren hev frå himmelen skoda på jordi
**20** og vil høyra sukken frå den bundne og løysa ut

daudens born, 21 so dei i Sion skal forkynna Herrens
namn og hans pris i Jerusalem, 22 når folkeslag kjem i
hop og kongerike til å tena Herren. 23 Han hev bøygt
mi kraft på vegen, han hev korta av mine dagar. 24 Eg
segjer: Min Gud, tak meg ikkje burt midt i mine dagar!
Frå ætt til ætt varer dine år. 25 Fordom grunnfeste du
jordi, og himmelen er verk av dine hender. 26 Dei skal
forgangast, men du stend; alle skal dei eldast som eit
klæde, som ein klædnad skifter du deim, og dei vert
umskifte; 27 men du er den same, og dine år tek aldri
ende. 28 Borni åt dine tenarar skal bu i ro, og deira
avkjøme skal standa trygt for di åsyn.

**103** Av David. Lova Herren, mi sjæl, og alt som
i meg er, love hans heilage hamn! 2 Lova
Herren, mi sjæl, og gløym ikkje alle hans velgjerningar!
3 Han som tilgjev all di skuld, han som lækjer alle
dine brester, 4 han som løyser ditt liv frå gravi, han
som kryner deg med nåde og miskunn, 5 han som
mettar din prydnad med godt, so du vert ung att som
ørnen. 6 Herren gjer rettferdsverk og rett mot alle
som er under trykk. 7 Han kunngjorde sine vegar for
Moses, sine gjerningar for Israels born. 8 Miskunnsam
og nådig er Herren, langmodig og rik på miskunn. 9
Han trættar ikkje alltid og gøymer ikkje æveleg på
vreide. 10 Han gjer ikkje med oss etter våre synder og
gjev oss ikkje lika for våre misgjerningar. 11 For so
høg som himmelen er yver jordi, so er hans miskunn
veldug yver deim som ottast honom. 12 So langt som
aust er frå vest, let han våre misgjerningar vera burte
frå oss. 13 Som ein far miskunnar borni, so miskunnar
Herren deim som ottast honom. 14 For han veit kva
slag skapning me er, han kjem i hug at me er dust. 15
Eit menneskje, som gras er hans dagar, som blomen
på marki, soleis blømer han. 16 Når vinden fer yver
honom, er han ikkje meir, og staden hans veit ikkje
meir av honom. 17 Men Herrens miskunn er frå æva og
til æva yver deim som ottast honom, og hans rettferd
er mot barneborn, 18 mot deim som held hans pakt, og
som kjem i hug hans fyresegner og liver etter deim. 19
Herren hev sett sin kongsstol i himmelen, og hans rike
råder yver alle ting. 20 Lova Herren, de hans englar,
de velduge kjempor som set hans ord i verk, med di
de lyder på røysti av hans ord! 21 Lova Herren, alle
hans herar, de hans tenarar som gjer hans vilje! 22
Lova Herren alle hans verk på alle stader i hans rike!
Lova Herren mi sjæl!

**104** Lova Herren, mi sjæl! Herre min Gud, du er
ovleg stor, i høgd og herlegdom er du klædd.
2 Han sveiper seg i ljos som i eit klædeplagg, han
spanar ut himmelen som ein tjeldduk, 3 han som
timbrar sine høgsalar i vatni, han som gjer skyerne til
si vogn, han som fer fram på vengjerne åt vinden. 4
Han gjer vindar til sine englar og logande eld til sine
tenarar. 5 Han grunnfeste jordi på stolparne hennar,
ho skal ikkje verta rikka i all æva. 6 Djupe vatn lagde
du yver henne som eit klæde, yver fjelli stod vatni. 7
For ditt trugsmål flydde dei, for ditt toremål skunda dei
seg burt 8 - fjell steig, dalar sokk - til den staden som
du hadde grunnfest for deim. 9 Ei grensa sette du,
som dei ikkje skulde skrida yver, dei skal ikkje atter
skulde leggja seg yver jordi. 10 Han sender uppkomor
fram i dalarne, millom fjelli renn dei. 11 Dei vatnar
alle villdyr på marki, villasni sløkkjer torsten sin. 12
Yver deim bur himmelens fuglar, millom greinerne syng
dei. 13 Han vatnar fjelli frå sine høge salar, jordi vert
metta av den frukt du skaper. 14 Gras let han gro for
feet, og vokstrar til gagn for folk til å få brød fram
or jordi, 15 og vin som gled menneskjehjarta, til å
lata andlitet skina av olje, og avla brød som styrkjer
menneskjehjarta. 16 Herrens tre vert metta, Libanons
cedrar som han hev sett, 17 der fuglane byggjer reir,
storken som hev sitt hus i cypressarne. 18 Dei høge
fjelli er for steinbukkarne, bergskortorne er til livd for
fjell-grevlingarne. 19 Han gjorde månen til tidarmerke;
soli kjenner si nedgangstid. 20 Du sender myrker, og
det vert natt, då krek alle villdyr i skogen fram. 21 Dei
unge løvor burar etter ran, og dei krev si føda av Gud.
22 Soli gjeng upp, då dreg dei seg heim og legg seg inn
i sine bol. 23 Menneskja gjeng ut til si gjerning, til sitt
arbeid alt til kvelds. 24 Kor mange dine gjerningar er,
Herre! Du gjorde deim alle med visdom, jordi er full av
det du hev skapt. 25 Sjå havet, det store og vide! Der
krek det i uteljande mengd av dyr både små og store.
26 Der gjeng skipi, Livjatan som du hev laga til å leika
seg der. 27 Alle ventar dei på deg, at du skal gjeva
deim føda i si tid. 28 Du gjev deim, dei sankar, du let
upp handi, dei vert metta med godt. 29 Du løyner ditt
andlit, dei vert forskræmde, du tek burt deira ande, dei
døyr og dei vender attende til dusti si. 30 Du sender ut
din ande, dei vert skapte, du nyar upp att skapnaden åt
jordi. 31 Herrens æra vare æveleg, Herren glede seg i
sine gjerningar! 32 Han som skodar på jordi og ho
skjelv, han som rører fjelli og dei ryk. 33 Eg vil syngja
for Herren so lenge eg liver, eg vil lovsyngja min Gud
so lenge eg er til. 34 Gjev min tale kunde tekkjast
honom! Eg vil gleda meg i Herren. 35 Gjev syndarar
måtte kverva burt frå jordi, og ugudlege ikkje lenger
finnast! Lova Herren, mi sjæl! Halleluja, lova Herren.

**105** Prisa Herren, kalla på hans namn! Kunngjer
millom folkeslagi hans storverk! 2 Syng for
honom, syng honom lov! tala um alle hans under. 3
Rosa dykk av hans heilage namn, hjarta glede seg hjå
deim som søkjer Herren! 4 Spør etter Herren og hans

magt, søk hans åsyn alltid! 5 Kom i hug hans under
som han hev gjort, hans undergjerningar og domsordi
frå hans munn, 6 de, etterkomarar av Abraham, hans
tenar, søner åt Jakob, hans utvalde! 7 Han er Herren,
vår Gud, yver all jordi gjeng hans domar. 8 Han kjem
æveleg i hug si pakt, det ord han sette fast for tusund
ætter, 9 den pakt han gjorde med Abraham, og sin
eid til Isak; 10 og han gjorde det til ein rett for Jakob,
for Israel ei æveleg pakt, 11 med di han sagde: «Deg
vil eg gjeva Kana'ans land til arvlut.» 12 Då dei var
ein liten flokk, få og framande der, 13 og dei vandra
frå folk til folk, frå eitt rike til eit anna folk, 14 let han
ingen mann få gjera valdsverk mot deim, og han refste
kongar for deira skuld: 15 «Rør ikkje dei eg hev salva,
og gjer ikkje vondt med mine profetar!» 16 Og han
kalla hunger inn yver landet, kvar studnad av brød
braut han sund. 17 Han sende ein mann fyre deim, til
træl vart Josef seld. 18 Dei plåga hans føter i lekkjor, i
jarn vart han lagd, 19 til den tid då hans ord slo til, då
Herrens ord viste at han var uskuldig. 20 Då sende
kongen bod og løyste honom, Herren yver folkeslag
gav honom fri. 21 Han sette honom til herre yver sitt
hus, til å råda yver all hans eigedom; 22 so han skulde
binda hans hovdingar etter sin vilje og læra hans eldste
visdom. 23 Og Israel kom til Egyptarland, og Jakob
budde som gjest i Khams land. 24 Og han let folket sitt
aukast mykje og gjorde det sterkare enn fiendarne.
25 Deira hjarto vende han um, so dei hata hans folk
og lagde løynderåder upp mot hans tenarar. 26 Han
sende Moses, sin tenar, Aron som han hadde valt
ut. 27 Dei gjorde hans teikn imillom deim og under
i Khams land. 28 Han sende myrker og gjorde det
myrkt, og dei var ikkje ulyduge imot hans ord. 29 Han
gjorde vatni deira til blod, og han drap deira fiskar. 30
Deira land kom til å kreka av froskar, jamvel i salarne
til deira kongar. 31 Han tala, og det kom flugesvermar
og my i heile landet deira. 32 Han gav deim hagl for
regn, logande eld i landet deira, 33 og han slo ned
deira vintre og fiketre og braut trei sund i landet deira.
34 Han tala, og det kom engsprettor og grashoppar i
uteljande mengd, 35 og dei åt upp all grode i deira
land, og dei åt upp frukti av marki deira. 36 Og han slo
alt fyrstefødt i landet deira, fyrstegrøda av all deira
kraft. 37 Og han førde deim ut med sylv og gull, og
det var ingen i hans ætter som snåva. 38 Egyptarland
gledde seg då dei drog ut; for rædsla for deim hadde
falle yver deim. 39 Han breidde ut ei sky til skyggje
og eld til å lysa um natti. 40 Dei kravde, og han let
vaktlar koma, og med himmelbrød metta han deim.
41 Han opna berget og vatn rann ut, det gjekk som
ei elv gjenom turrlendet. 42 For han kom i hug sitt
heilage ord, Abraham, sin tenar, 43 og han førde sitt
folk ut med gleda, sine utvalde med fagnadrop, 44
og han gav deim landi åt heidningarne, og folkeslags
arbeid tok dei til eigedom, 45 at dei skulde halda hans
fyresegner og taka vare på hans lover. Halleluja!

**106** Halleluja! Prisa Herren, for han er god, for
æveleg varer hans miskunn! 2 Kven kann fullt
ut nemna Herrens velduge verk, forkynna all hans lov?
3 Sæle er dei som tek vare på det som rett er, den som
gjer rettferd til kvar tid! 4 Herre, kom meg i hug med
den godhug du hev for ditt folk, gjesta meg med di
frelsa! 5 so eg kann skoda lukka åt dine utvalde, gleda
meg med ditt folks gleda, rosa meg med din arv. 6
Me hev synda med våre feder, me hev gjort ille, me
hev vore ugudlege. 7 Våre feder i Egyptarland agta
ikkje på dine under, dei kom ikkje i hug dine mange
nådegjerningar, men dei var tråssuge ved havet, ved
Raudehavet. 8 Men endå frelste han deim for sitt namn
skuld, av di han vilde kunngjera si magt, 9 og han truga
Raudehavet so det vart turt, og han let deim ganga
gjenom djupi som på slette marki, 10 og han frelste
deim frå hans hand som hata deim, og løyste deim ut
or fiendehand, 11 og vatn gøymde deira motstandarar,
ikkje ein vart att av deim. 12 Då trudde dei på ordi
hans, då song dei hans lov. 13 Men snart gløymde dei
hans gjerningar, dei bia ikkje på hans råd; 14 men dei
fekk ein gir i seg i øydemarki, og dei freista Gud på
den ubygde stad. 15 Då gav han deim det dei vilde
hava, men sende tærande sjukdom yver deira liv. 16
Og dei vart ovundsjuke på Moses i lægret, på Aron,
Herrens heilage. 17 Då opna jordi seg og slukte Datan,
og ho let seg att yver flokken åt Abiram, 18 og det
kveiktest eld på flokken deira, ein loge brende upp
dei ugudlege. 19 Dei gjorde ein kalv ved Horeb og
tilbad eit støypt bilæte, 20 og dei bytte burt si æra for
bilætet av ein ukse som et gras. 21 Dei gløymde Gud,
sin frelsar, som hadde gjort store ting i Egyptarland,
22 undergjerningar i Khams land, skræmelege ting
ved Raudehavet. 23 Og han tenktest til å tyna deim,
dersom ikkje Moses, hans utvalde, hadde kasta seg
imillom for hans åsyn til å avvenda hans vreide, at
han ikkje skulde øydeleggja. 24 Og dei vanvyrde det
herlege landet, dei trudde ikkje ordet hans, 25 og dei
knurra i sine tjeld, høyrde ikkje på Herrens røyst. 26
Då lyfte han si hand imot deim til å slå deim ned i
øydemarki, 27 og slå deira etterkomarar ned millom
heidningarne og spreida deim kring i landi. 28 Og dei
batt seg saman med Ba'al-Peor, og dei åt av offer til
dei daude, 29 og dei vekte harm ved si åtferd, og ei
plåga braut ut millom deim. 30 Då stod Pinehas fram
og heldt dom, og plåga stilltest; 31 og det vart rekna
honom til rettferd frå ætt til ætt æveleg. 32 Og dei vekte
vreide ved Meribavatnet, og det gjekk Moses ille for

deira skuld; 33 for dei var tråssuge mot hans ande, og
han tala tankelaust med sine lippor. 34 Dei øydelagde
ikkje dei folki som Herren hadde tala med deim um, 35
men dei blanda seg med heidningarne og lærde deira
gjerningar, 36 og dei tente deira avgudar, og desse
vart deim til ei snara, 37 og dei ofra sine søner og
døtter til magterne, 38 og dei rende ut skuldlaust blod,
blod av sine søner og døtter som dei ofra til Kana'ans
avgudar, og landet vart vanhelga med blodskuld. 39
Og dei vart ureine ved sine gjerningar og dreiv hor ved
si åtferd. 40 Då loga Herrens vreide upp imot hans
folk, og han stygdest ved sin arv. 41 Og han gav deim i
handi på heidningar, og dei som hata deim, vart herrar
yver deim, 42 og deira fiendar trengde deim, og dei
laut bøygja seg under deira hand. 43 Mange gonger
fria han deim ut, men dei var tråssuge og sjølvrådige,
og dei kom reint i vesaldom for si misgjerning. 44
Men han såg til deim då dei var i naud, med di han
høyrde deira klagerop. 45 Og han kom i hug si pakt
for deim, og han ynkast etter si store miskunn. 46 Og
han let deim finna miskunn hjå alle som hadde fanga
deim. 47 Frels oss, Herre vår Gud, og samla oss frå
heidningarne, so me kann prisa ditt heilage namn, rosa
oss av ditt lov! 48 Lova vere Herren, Israels Gud, frå
æva og til æva! Og alt folket segje: Amen. Halleluja!

**107** Prisa Herren, for han er god, for æveleg varer
hans miskunn! 2 So segjer Herrens utløyste,
som han hev løyst ut or naudi, 3 som han hev sanka i
hop frå landi, frå aust og frå vest, frå nord og frå havet.
4 Dei for vilt i øydemarki, i vegløysa, dei fann ingen
by til å bu i. 5 Hungrige og tyrste var dei, deira sjæl
vanmegtast i deim. 6 Då ropa dei til Herren i si naud,
or deira trengslor fria han deim ut, 7 og han førde deim
på rett veg, so dei gjekk til ein by dei kunde bu i. 8 Dei
skal prisa Herren for hans miskunn og for hans under
mot menneskjeborni, 9 for han metta den tyrste sjæl,
og den hungrige sjæl fyllte han med godt. 10 Dei sat i
myrker og daudeskugge, bundne i stakarsdom og jarn,
11 av di dei hadde tråssa mot Guds ord og vanvyrdt
råderne frå den Høgste. 12 Og han bøygde deira hjarto
med liding, dei snåva, og der var ingen hjelpar. 13
Då ropa dei til Herren i si naud, frå deira trengslor
frelste han deim. 14 Han førde deim ut or myrker og
daudeskugge, og deira band reiv han sund. 15 Dei
skal prisa Herren for hans miskunn og for hans under
mot menneskjeborni; 16 for han krasa koparportar
og hogg sund jarnbommar. 17 Dårar var dei for sin
brotsveg, og for sine misgjerningar vart dei plåga. 18
Deira sjæl vart leid av all mat, og dei kom nær til
daudens portar. 19 Då ropa dei til Herren i si naud; frå
deira trengslor frelste han deim. 20 Han sende sitt ord
og lækte deim og berga deim frå deira graver. 21 Dei
skal prisa Herren for hans miskunn og for hans under
mot menneskjeborni 22 og ofra takkoffer og fortelja um
hans verk med fagnad. 23 Dei som for ut på havet med
skip, og som dreiv handel på dei store vatni, 24 dei
såg Herrens gjerningar og hans underverk på djupet.
25 Han tala og let det koma ein stormvind, og denne
reiste havsens bylgjor. 26 Dei for upp imot himmelen,
dei for ned i djupi, deira sjæl miste modet i ulukka. 27
Dei raga og tumla som drukne, og all deira visdom vart
til inkjes. 28 Då ropa dei til Herren i si naud, or deira
trengslor førde han deim ut. 29 Han let storm verta
til stilla, og bylgjorne kringum deim tagna. 30 Og dei
vart glade då dei lagde seg, og han førde deim til den
hamni dei ynskte. 31 Dei skal prisa Herren for hans
miskunn og for hans under mot menneskjeborni 32 og
høglova honom i folkesamling og lovsyngja honom
der dei gamle sit saman. 33 Han gjorde elvar til ei
øydemark og vatskjeldor til eit turrlende, 34 fruktsamt
land til ei saltheid, for deira vondskap skuld, som budde
der. 35 Han gjorde øydemark til innsjø og turrlende
til vatskjeldor. 36 Og han let hungrige bu der, og dei
bygde ein by til å bu i. 37 Og dei sådde åkrar og planta
vinhagar, og dei fekk grøda til å hausta. 38 Og han
velsigna deim, og dei auka mykje, og av fe gav han
deim ikkje lite. 39 So minka dei att og vart nedbøygde
av trykk og trengsla og sorg. 40 Han som renner ut
vanvyrdnad yver hovdingar og let deim villast i veglaus
øydemark, 41 han lyfte upp den fatige or vesaldomen
og auka ætterne som ei hjord. 42 Dei ærlege ser det
og gled seg, og all vondskap let att sin munn. 43 Den
som er vis, han gjeve gaum etter dette, og dei må
merke Herrens nådegjerningar.

**108** Ein song, ein salme av David. Mitt hjarta er
roleg, Gud, eg vil syngja og lovsyngja, ja, det
skal mi æra. 2 Vakna, harpa og cither! eg vil vekkja
morgonroden. 3 Eg vil prisa deg millom folki, Herre, eg
vil lovsyngja deg millom folkeslagi. 4 For di miskunn er
stor yver himmelen, og din truskap til dei høge skyer. 5
Gud, syn deg høg yver himmelen, og di æra yver heile
jordi! 6 At dei du elskar må verta frelste, hjelp oss med
di høgre hand og bønhøyr oss! 7 Gud hev tala i sin
heilagdom. «Eg vil gleda meg, eg vil skifta ut Sikem,
og Sukkotdalen vil eg mæla. 8 Meg høyrer Gilead til,
meg høyrer Manasse til, og Efraim er verja for mitt
hovud, Juda er min førarstav. 9 Moab er mitt vaskefat,
på Edom kastar eg skoen min, for Filistarland set eg i
med fagnadrop.» 10 Kven vil føra meg til den faste
by? Kven leider meg til Edom? 11 Hev ikkje du, Gud,
støytt oss burt? og du, Gud, gjeng ikkje ut med våre
herar. 12 Gjev oss hjelp mot fienden! for mannehjelp er
fåfengd. 13 Med Guds hjelp skal me gjera storverk, og
han skal treda ned våre fiendar.

**109** Til songmeisteren; av David, ein salme. Min
lovsongs Gud, teg ikkje! **2** For dei hev late
upp sin ugudlege og falske munn imot meg, dei hev
tala imot meg med ljugartunga. **3** Med hatfulle ord hev
dei kringsett meg og ført strid imot meg utan årsak. **4**
Til løn for min kjærleik stod dei imot meg, endå eg
berre bed, **5** dei hev lagt vondt yver meg til løn for godt
og hat til løn for min kjærleik. **6** Set ein ugudleg yver
honom, og lat ein klagar standa ved hans høgre hand!
**7** Når han vert dømd, lat honom ganga skuldig ut, og
lat hans bøn verta til synd! **8** Lat hans dagar verta få,
lat ein annan få hans embætte! **9** Lat hans born verta
farlause og kona hans enkja! **10** Lat hans born flakka
ikring og beda seg, lat deim ganga som tiggarar frå sin
øydelagde heim! **11** Lat okerkallen leggja snara um
all hans eigedom, og framande plundra hans avling!
**12** Lat ingen finnast som hyser miskunn imot honom,
og ingen som ynkast yver hans farlause born! **13** Lat
hans etterkomarar ganga til grunnar og deira namn
verta utstroke i næste ættled! **14** Hans fedra skuld
vere i minne hjå Herren, og syndi åt mor hans verte
ikkje utstroki! **15** Dei vere alltid for Herrens åsyn, og
han rydje deira minne ut av jordi, **16** av di han ikkje
kom i hug å gjera miskunn, men forfylgde ein arm
og fatig mann, og ein hjarteskræmd og vilde drepa
honom. **17** Han elska forbanning, og denne kom yver
honom, han lika ikkje velsigning, og denne kom langt
burt frå honom. **18** Han klædde seg i forbanning som
sitt klædeplagg, og ho trengde som vatn inn i hans liv,
og som olje i hans bein. **19** Lat henne verta honom til
ei kåpa som han sveiper seg i, og til eit belte som han
alltid bind um seg! **20** Dette vere løni frå Herren åt mine
motstandarar, og åt deim som talar vondt imot mi sjæl!
**21** Og du, Herre, Herre, gjer vel imot meg for ditt namn
skuld, etter som di miskunn er god, so berga meg! **22**
For arm og fatig er eg, og mitt hjarta er gjenomstunge i
meg. **23** Som ein skugge når han lengjest, kverv eg
burt, eg vert jaga burt som ein grashopp. **24** Mine kne
er ustøde av fasta, og holdet mitt misser feita. **25** Og
eg hev vorte til spott for deim; når dei ser meg, rister
dei på hovudet. **26** Hjelp meg, Herre min Gud, frels
meg etter di miskunn! **27** so dei må kjenna, at dette er
di hand, at du, Herre, hev gjort det. **28** Dei forbannar,
men du velsignar, dei stend upp, men vert skjemde, og
din tenar gled seg. **29** Mine motstandarar skal klæda
seg i skjemsla og sveipa seg i si skam som i ei kåpa.
**30** Eg vil takka Herren storleg med min munn, og midt
imillom mange vil eg lova honom. **31** For han stend på
høgre sida åt den fatige til å frelsa honom frå deim
som dømer hans sjæl.

**110** Av David, ein salme. Herren sagde til min
herre: «Set deg ved mi høgre hand, til dess
eg legg dine fiendar til skammel for dine føter!» **2**
Ditt veldes kongsstav skal Herren retta ut frå Sion;
ver herre midt imillom dine fiendar! **3** Ditt folk møter
viljugt fram på ditt veldes dag; i heilagt skrud kjem din
ungdom til deg som dogg or fanget på morgonroden.
**4** Herren hev svore, og han skal ikkje angra det: «Du
er prest til æveleg tid etter Melkisedeks vis.» **5** Herren
ved di høgre hand knasar kongar den dag han vreidest.
**6** Han dømer millom heidningarne, fyller upp med lik,
han knasar hovud utyver den vide jord. **7** Or bekken
drikk han på vegen, difor lyfter han hovudet høgt.

**111** Halleluja! Eg vil prisa Herren av alt mitt hjarta
i råd og samling av ærlege. **2** Store er Herrens
verk, gjenomtenkte etter alle sine fyremål. **3** Høgd og
herlegdom er hans gjerning, og hans rettferd stend
æveleg fast. **4** Han hev sett eit minne for sine under,
nådig og miskunnsam er Herren. **5** Mat hev han gjeve
deim som ottast honom; han kjem æveleg i hug si pakt.
**6** Krafti av sine verk hev han kunngjort for sitt folk,
då han gav deim arven til heidningarne. **7** Det hans
hender gjer, er sanning og rett, alle hans fyresegner
er trufaste, **8** fast stend dei æveleg og alltid, dei er
gjorde i sanning og rettvisa. **9** Han hev sendt sitt folk
utløysing, han hev skipa si pakt æveleg, hans namn er
heilagt og skræmelegt. **10** Otte for Herren er upphav til
visdom, godt vit hev alle som gjer etter det. Hans pris
varer æveleg.

**112** Halleluja! Sæl er den mann som ottast Herren,
som hev si store lyst i hans bodord. **2** Hans
avkjøme skal vera veldugt på jordi, ætti av dei ærlege
skal verta velsigna. **3** Det er velstand og rikdom i hans
hus, og hans rettferd stend æveleg fast. **4** Det renn
upp eit ljos i myrker for dei ærlege, nådig, miskunnsam
og rettferdig er han. **5** Vel gjeng det den mann som
er miskunnsam og gjev lån, han held uppe si sak i
retten. **6** For dei skal ikkje rikka honom i all æva,
den rettferdige skal vera i æveleg minne. **7** For vond
tidend skal han ikkje ræddast; hans hjarta er fast, det
lit på Herren. **8** Hans hjarta er trygt; han ræddast ikkje,
til dess han ser med lyst på sine fiendar. **9** Han strår
ut, gjev til dei fatige, hans rettferd stend alltid, hans
horn skal verta upplyft med æra. **10** Den ugudlege skal
sjå det og harmast, han skal skjera tenner og tærast
upp, det dei ugudlege hev lyst til, vert upp i inkje.

**113** Halleluja! Lova, de Herrens tenarar, lova
Herrens namn! **2** Herrens namn vere lova frå
no og til æveleg tid! **3** Frå solekoma og til soleglad er
Herrens namn høglova. **4** Høg yver alle heidningar er
Herren, yver himmelen er hans æra. **5** Kven er som
Herren, vår Gud? han som sit so høgt, **6** han som ser

so djupt i himmelen og på jordi, 7 han som reiser den
ringe or moldi og lyfter den fatige or skarnet 8 til å setja
honom hjå hovdingar, hjå sitt folks hovdingar; 9 han
som let ufruktsame bu heime som ei glad barnemor.
Halleluja!

**114** Då Israel drog ut or Egyptarland, Jakobs hus
frå eit folk med framand tunga, 2 då vart Juda
hans heilagdom, Israel hans rike. 3 Havet såg det og
flydde, Jordan drog seg attende. 4 Fjelli hoppa som
verar, haugarne som lamb. 5 Kva hev hendt deg, hav,
at du flyr? du Jordan, at du dreg deg attende? 6 de
fjell, at de hoppar som verar, de haugar som lamb? 7
For Herrens åsyn må du skjelva, jord, for Jakobs Guds
åsyn! 8 Han som gjer berget til ein sjø, harde steinen
til ei vatskjelda.

**115** Ikkje oss, Herre, ikkje oss, men ditt namn
gjeve du æra for di miskunn, for din truskap
skuld! 2 Kvifor skal heidningarne segja: «Kvar er no
deira Gud?» 3 Vår Gud er då i himmelen, alt det han
vil, gjer han. 4 Deira avgudar er sylv og gull, eit verk
av menneskjehender. 5 Dei hev munn, men talar ikkje,
dei hev augo, men ser ikkje; 6 dei hev øyro, men
høyrer ikkje, dei hev nos, men luktar ikkje. 7 Med sine
hender grip dei ikkje, med sine føter gjeng dei ikkje,
dei hev ikkje mål i strupen. 8 Som desse er, vert dei
som lagar deim, alle som set si lit til deim. 9 Israel,
lit på Herren! Han er deira hjelp og skjold. 10 Arons
hus, lit på Herren! Han er deira hjelp og skjold. 11 De
som ottast Herren, lit på Herren! Han er deira hjelp og
skjold. 12 Herren kom oss i hug, han skal velsigna,
han skal velsigna Israels hus, han skal velsigna Arons
hus, 13 han skal velsigna deim som ottast Herren, dei
små med dei store. 14 Herren late dykk auka, dykk og
dykkar born! 15 Velsigna er de av Herren, han som
skapte himmel og jord. 16 Himmelen er himmel for
Herren, men jordi hev han gjeve menneskjeborni. 17
Dei daude lovar ikkje Herren, ingen av deim som stig
ned i stilla. 18 Men me skal lova Herren frå no og til
æveleg tid. Halleluja!

**116** Eg elskar Herren, for han høyrer mi røyst, mine
bøner. 2 For han hev bøygt sitt øyra til meg,
og alle mine dagar vil eg kalla på honom. 3 Daude-
band hadde spent seg um meg, helheims trengsla
hadde funne meg; naud og sorg fann eg. **(Sheol h7585)**
4 Men eg kalla på Herrens namn: «Å Herre, berga mi
sjæl!» 5 Herren er nådig og rettferdig, og vår Gud er
miskunnsam. 6 Herren varar dei einfalde, eg var ein
arming, og han frelste meg. 7 Kom attende, mi sjæl,
til di ro! for Herren hev gjort vel imot deg. 8 Ja, du
fria mi sjæl frå dauden, mitt auga frå tåror, min fot
frå fall. 9 Eg skal vandra for Herrens åsyn i landi åt
dei livande. 10 Eg trudde, for eg tala; eg var i stor
plåga. 11 Eg sagde i min ræddhug: «Kvar mann er ein
ljugar!» 12 Kva skal eg gjeva Herren att for alle hans
velgjerningar imot meg? 13 Eg vil lyfta frelse-staupet,
og Herrens namn vil eg påkalla. 14 Mine lovnader vil
eg halda for Herren, og det for augo på alt hans folk.
15 Dyr er i Herrens augo dauden åt hans heilage. 16 Å
Herre, eg er din tenar, veit du, eg er din tenar, son åt
di tenestkvinna; du hev løyst mine band. 17 Til deg vil
eg ofra takkoffer, og Herrens namn vil eg påkalla. 18
Mine lovnader vil eg halda for Herren, og det for augo
på alt hans folk, 19 i fyregardarne til Herrens hus, midt
i deg, Jerusalem. Halleluja!

**117** Lova Herren, alle heidningar, prisa honom alle
folk! 2 For megtig er hans miskunn yver oss,
og Herrens truskap varer i all æva. Halleluja!

**118** Prisa Herren, for han er god, for æveleg varer
hans miskunn! 2 Israel segje: «Æveleg varer
hans miskunn!» 3 Arons hus segje: «Æveleg varer
hans miskunn!» 4 Dei som ottast Herren, segje:
«Æveleg varer hans miskunn!» 5 Ut or trengsla ropa
eg på Herren, Herren svara meg og førde meg ut i
det frie. 6 Herren er med meg, eg ræddast inkje, kva
kann menneskje gjera meg? 7 Herren er med meg
og hjelper meg, og eg skal sjå med lyst på deim som
hatar meg. 8 Det er betre å fly til Herren enn å lita på
menneskje. 9 Det er betre å fly til Herren enn å lita på
hovdingar. 10 Alle heidningar kringset meg; i Herrens
namn skal eg hogga deim ned. 11 Dei kringset, ja,
kringrenner meg; i Herrens namn skal eg hogga deim
ned. 12 Dei kringset meg som bior; dei sloknar som eld
i klunger, i Herrens namn skal eg hogga deim ned. 13
Hardt støytte du meg, at eg skulde falla; men Herren
hjelpte meg. 14 Min styrke og lovsong er Herren, og
han vart meg til frelsa. 15 Rop av fagnad og frelsa
er å høyra i tjeldi åt dei rettferdige; Herrens høgre
hand gjer storverk. 16 Herrens høgre hand upphøgjer,
Herrens høgre hand gjer storverk. 17 Eg skal ikkje døy,
men liva og fortelja Herrens gjerningar. 18 Hardt tukta
Herren meg, men til dauden gav han meg ikkje. 19 Lat
upp for meg rettferds portar! Eg vil ganga inn gjenom
deim, eg vil prisa Herren. 20 Dette er Herrens port, dei
rettferdige skal ganga der. 21 Eg takkar deg av di du
svara meg og vart meg til frelsa. 22 Den steinen som
bygningsmennerne skaut ut, hev vorte ein hyrnestein.
23 Frå Herren er det kome, dette, det er underlegt for
våre augo. 24 Dette er dagen som Herren hev gjort, lat
oss fegnast og gleda oss no! 25 Å Herre, frels då! Å
Herre, lat det då lukkast! 26 Velsigna vere den som
kjem i Herrens namn! Me velsignar dykk frå Herrens

hus. 27 Herren er Gud, og han let det verta ljost for
oss. Bitt høgtidsofferet med reip alt inn til horni på
altaret! 28 Min Gud er du, og eg vil prisa deg, min Gud,
eg vil upphøgja deg. 29 Prisa Herren, for han er god,
for æveleg varer hans miskunn!

**119** Sæle er dei som gjeng ein ulastande veg, dei
som ferdast i Herrens lov! 2 Sæle er dei som
tek vare på hans vitnemål, som søkjer honom av alt
sitt hjarta, 3 dei som ikkje gjer urett, men vandrar på
hans vegar. 4 Du hev gjeve dine fyresegner, at ein
skal halda deim vel. 5 Å, kunde vegarne mine verta
faste, so eg heldt dine fyreskrifter! 6 Då skal eg ikkje
verta til skammar når eg gjev gaum etter alle dine
bodord. 7 Eg vil takka deg av eit ærlegt hjarta når eg
lærer dine rettferdsdomar. 8 Dine fyreskrifter vil eg
halda, du må ikkje reint forlata meg. 9 Korleis skal ein
ungdom halda stigen sin rein? Når han held seg etter
ditt ord. 10 Av alt mitt hjarta hev eg søkt deg, lat meg
ikkje villast burt frå dine bodord! 11 I hjarta mitt hev eg
gøymt ditt ord, so eg ikkje skal synda imot deg. 12
Lova vere du, Herre! Lær meg dine fyreskrifter! 13
Med lipporne mine hev eg forkynt alle rettar frå din
munn. 14 Eg er glad i vegen etter dine vitnemål som
i all rikdom. 15 På dine fyresegner vil eg grunda og
skoda på dine stigar. 16 I dine fyreskrifter vil eg hava
hugnad, og ikkje vil eg gløyma ditt ord. 17 Gjer vel
imot din tenar, at eg må liva! so vil eg halda ditt ord.
18 Lat upp augo mine, at eg kann skoda underlege
ting i di lov! 19 Ein gjest er eg på jordi, løyn ikkje dine
bodord for meg! 20 Mi sjæl er sunderknasa av lengting
etter dine rettar all tid. 21 Du hev truga dei stormodige,
dei forbanna, som fer vilt frå dine bodord. 22 Tak burt
frå meg skam og vanvyrdnad! for dine vitnemål hev eg
teke vare på. 23 Jamvel hovdingar hev sete i samrøda
mot meg; din tenar grundar på dine fyreskrifter. 24 Dine
vitnemål er og min hugnad, dei er mine rådgjevarar.
25 Mi sjæl ligg nedi dusti, haldt meg i live etter ditt
ord! 26 Eg fortalde um mine vegar, og du svara meg;
lær meg dine fyreskrifter! 27 Lat meg få skyna vegen
etter dine fyresegner! So vil eg grunda på dine under.
28 Mi sjæl græt av sorg; reis meg upp etter ditt ord!
29 Snu lygnevegen burt frå meg, og unn meg di lov!
30 Truskaps veg hev eg valt, dine rettar hev eg sett
framfyre meg. 31 Eg heng fast ved dine vitnemål,
Herre, lat meg ikkje verta til skammar! 32 Vegen etter
dine bodord vil eg springa, for du trøystar mitt hjarta.
33 Herre, vis meg vegen etter dine fyreskrifter! so vil
eg fara honom alt til endes. 34 Gjev meg skyn, so
vil eg taka vare på di lov og halda henne av alt mitt
hjarta. 35 Leid meg på dine bodords stig, for han er til
hugnad for meg. 36 Bøyg mitt hjarta til dine vitnemål
og ikkje til urett vinning! 37 Vend augo mine burt, so
dei ikkje ser etter fåfengd, haldt meg i live på din veg!
38 Uppfyll for din tenar ordet ditt, som gjer at ein ottast
deg! 39 Tak burt ifrå meg mi skjemsla som eg er rædd,
for dine rettar er gode. 40 Sjå, eg lengtar etter dine
fyresegner, haldt meg i live ved di rettferd. 41 Lat di
miskunn, Herre, koma yver meg, di frelsa etter ditt ord!
42 Eg vil gjeva svar til honom som spottar meg; for
eg lit på ditt ord. 43 Riv ikkje sannings ord so reint or
munnen min, for på dine domar ventar eg. 44 Stødt vil
eg halda di lov, æveleg og alltid. 45 Lat meg ferdast i
det frie, for eg spør etter dine fyresegner! 46 Eg vil tala
um dine vitnemål for kongar, og eg skal ikkje verta til
skammar. 47 Eg vil frygda meg ved dine bodord, som
eg elskar. 48 Eg vil lyfta mine hender til dine bodord
som eg elskar, og eg vil grunda på dine fyreskrifter. 49
Kom i hug ditt ord til din tenar, med di du hev gjeve
meg von! 50 Det er mi trøyst i min vesaldom, at ditt ord
hev halde meg i live. 51 Ovmodige hev spotta meg
mykje, frå di lov hev eg ikkje vike. 52 Eg kom i hug,
Herre, dine domar frå gamle dagar, og eg vart trøysta.
53 Brennande harm hev eg vorte på dei ugudlege
som forlet di lov. 54 Dine fyreskrifter hev vorte mine
lovsongar i det hus der eg bur som framand. 55 Um
natti kom eg ditt namn i hug, Herre, og eg heldt di
lov. 56 Dette timdest meg, at eg fekk taka vare på
dine fyreskrifter. 57 Herren er min lut, sagde eg, med
di eg heldt dine ord. 58 Eg naudbad deg av alt mitt
hjarta: «Ver miskunnsam imot meg etter ditt ord!» 59
Eg tenkte på mine vegar og vende mine føter til dine
vitnemål. 60 Eg skunda meg og tøvra ikkje med å
halda dine bodord. 61 Bandi til dei ugudlege hev snørt
meg inn, di lov hev eg ikkje gløymt. 62 Midt på natti
stend eg upp og vil takka deg for dine rettferdslover.
63 Eg held meg til alle deim som ottast deg, og som
held dine fyresegner. 64 Av di miskunn, Herre, er jordi
full; lær meg dine fyreskrifter! 65 Tenaren din hev du
gjort vel imot, Herre, etter ditt ord. 66 Lær meg god
skynsemd og kunnskap! for eg trur på dine bodord.
67 Fyrr eg vart nedbøygd, for eg vilt, men no held eg
ditt ord. 68 Du er god og gjer godt, lær meg dine
fyreskrifter! 69 Dei ovmodige hev spunne i hop lygn
imot meg, av alt mitt hjarta held eg dine fyresegner. 70
Deira hjarta er feitt som talg; eg fegnast ved di lov.
71 Det var godt for meg at eg vart nedbøygd, so eg
kunde læra dine fyreskrifter. 72 Lovi frå din munn er
betre for meg enn tusund stykke gull og sylv. 73 Dine
hender hev gjort meg og laga meg til, gjev meg skyn,
so eg kann læra dine bodord! 74 Dei som ottast deg,
skal sjå meg og gleda seg, for på ditt ord ventar eg. 75
Eg veit, Herre, at dine domar er rettferd, og at du i
truskap hev bøygt meg ned. 76 Lat di miskunn vera til
trøyst for meg, etter det du hev sagt til din tenar! 77

Lat di miskunn koma yver meg so eg kann liva! for
di lov er mi lyst. **78** Lat dei ovmodige verta skjemde!
for dei hev trykt meg utan årsak. Eg grundar på dine
fyresegner. **79** Lat deim snu seg til meg, dei som ottast
deg, og kjenner dine vitnemål! **80** Lat mitt hjarta vera
fullkome i dine fyreskrifter, so eg ikkje skal verta til
skammar! **81** Mi sjæl naudstundar etter di frelsa, eg
ventar på ditt ord. **82** Mine augo naudstundar etter ditt
ord, og eg segjer: «Når vil du trøysta meg?» **83** For eg
er som ei lerflaska i røyk; dine fyreskrifter gløymer eg
ikkje. **84** Kor mange er vel dagarne for din tenar? Når
vil du halda dom yver deim som forfylgjer meg? **85** Dei
ovmodige hev grave graver for meg, dei som ikkje liver
etter di lov. **86** Alle dine bodord er trufaste; med lygn
forfylgjer dei meg; hjelp meg! **87** Dei hadde so nær tynt
meg i landet, men eg hev ikkje forlate dine fyresegner.
**88** Haldt meg i live etter di miskunn! So vil eg taka vare
på vitnemålet frå din munn. **89** Til æveleg tid, Herre,
stend ditt ord fast i himmelen. **90** Frå ætt til ætt varer
din truskap, du hev grunnfest jordi, og ho stend. **91** Til
å setja dine domar i verk stend dei der i dag; for alle
ting er dine tenarar. **92** Dersom ikkje di lov hadde vore
mi lyst, so hadde eg forgjengest i mi djupe naud. **93** I
all æva skal eg ikkje gløyma dine fyresegner, for ved
deim hev du halde meg i live. **94** Din er eg, frels meg!
for dine fyresegner hev eg spurt etter. **95** På meg hev
dei ugudlege venta og vil tyna meg; på dine vitnemål
agtar eg. **96** På alt det fullkomne hev eg set ein ende;
men dine bodord rekk ovleg vidt. **97** Kor eg hev lovi di
kjær! Heile dagen er ho i min tanke. **98** Dine bodord
gjer meg visare enn mine fiendar, for æveleg eig eg
deim. **99** Eg hev vorte klokare enn alle mine lærarar,
for eg grundar på dine vitnemål. **100** Eg er vitugare enn
dei gamle, for dine fyresegner hev eg teke vare på.
**101** Frå kvar vond stig hev eg halde mine føter burte,
so eg kunde halda ditt ord. **102** Frå dine lover hev eg
ikkje vike, for du hev lært meg upp. **103** Kor søt din tale
er for gomen min, betre enn honning for munnen min.
**104** Av dine fyresegner fær eg vit, difor hatar eg kvar
lygnestig. **105** Ditt ord er ei lykt for min fot og eit ljos for
min stig. **106** Eg hev svore og hev halde det, å taka
vare på dine rettferdslover. **107** Eg er ovleg nedbøygd;
Herre, haldt meg i live etter ditt ord! **108** Lat min munns
offer tekkjast deg, Herre, og lær meg dine rettar! **109**
Eg gjeng alltid med livet i neven, men di lov hev eg
ikkje gløymt. **110** Dei ugudlege hev lagt snara for meg;
men frå dine fyresegner hev eg ikkje villa meg burt.
**111** Til æveleg eiga hev eg fenge dine vitnemål, for
dei er mi hjartans gleda. **112** Eg hev bøygt mitt hjarta
til å gjera etter dine fyreskrifter, æveleg og til endes.
**113** Dei tvihuga hatar eg, men di lov elskar eg. **114** Du
er mi livd og min skjold, og på ditt ord ventar eg. **115**
Vik frå meg, de som gjer vondt, at eg kann halda min
Guds bodord! **116** Haldt meg uppe etter ditt ord, so eg
kann liva, og lat meg ikkje verta til skammar med mi
von! **117** Haldt meg uppe, so eg kann verta frelst! So vil
eg alltid sjå med lyst på dine fyreskrifter. **118** Du agtar
for inkje alle deim som fer vilt frå dine fyreskrifter; for
deira svik er fåfengd. **119** Som slagg kastar du burt alle
ugudlege på jordi; difor elskar eg dine vitnemål. **120** Eg
rys i holdet av rædsla for deg, og for dine domar ottast
eg. **121** Eg hev gjort rett og rettferd, du vil ikkje gjeva
meg yver til deim som trykkjer meg. **122** Gakk i borg
for tenaren din, so det må ganga honom vel! lat ikkje
dei ovmodige trykkja meg! **123** Augo mine naudstundar
etter di frelsa og etter ditt rettferdsord. **124** Gjer med
din tenar etter di miskunn og lær meg dine fyreskrifter!
**125** Eg er din tenar; gjev meg vit, so eg kann kjenna
dine vitnemål! **126** Det er tid for Herren til å gripa inn,
dei hev brote di lov. **127** Difor elskar eg dine bodord
meir enn gull, ja, meir enn fint gull. **128** Difor held eg
alle fyresegner um alle ting for rette; eg hatar kvar
lygnestig. **129** Underfulle er dine vitnemål, difor tek
mi sjæl vare på deim. **130** Når ordi dine opnar seg,
gjev dei ljos, og dei gjer dei einfalde kloke. **131** Eg
let munnen upp og sukka av lengting; for etter dine
bodord stunda eg. **132** Vend deg til meg og ver meg
nådig, som rett er mot deim som elskar ditt namn! **133**
Gjer mine stig faste ved ditt ord, og lat ingen urett råda
yver meg! **134** Løys du meg ut or menneskjevald! So
vil eg halda dine fyresegner. **135** Lat di åsyn lysa på
din tenar, og lær meg dine fyreskrifter! **136** Vatsbekkjer
renn or augo mine, av di folk ikkje held di lov. **137**
Rettferdig er du, Herre, og rette er dine domar. **138**
Du hev fyreskrive dine vitnemål i rettferd og i stor
truskap. **139** Min brennhug hev tært meg upp, av di
mine motstandarar hev gløymt dine ord. **140** Ditt ord er
vel reinsa, og din tenar elskar det. **141** Liten er eg og
vanvyrd; dine fyresegner hev eg ikkje gløymt. **142** Di
rettferd er ei æveleg rettferd, og di lov er sanning. **143**
Naud og trengsla fann meg; dine bodord er mi lyst.
**144** Rettferdige er dine vitnemål til æveleg tid; gjev meg
skyn, so eg kann liva! **145** Eg ropar av alt mitt hjarta,
svara meg, Herre! Dine fyreskrifter vil eg taka vare på.
**146** Eg ropar til deg, frels meg! so vil eg halda dine
vitnemål. **147** Tidleg i dagningi var eg uppe og ropa um
hjelp; eg venta på ditt ord. **148** Mine augo var uppe
fyre nattevakterne, so eg kunde grunda på ditt ord.
**149** Høyr mi røyst etter di miskunn, Herre, haldt meg i
live etter dine domar! **150** Dei er nær som renner etter
ugjerning; frå di lov er dei langt burte. **151** Du er nær,
Herre, og alle dine bodord er sanning. **152** Longe sidan
veit eg av dine vitnemål, at du hev grunnfest deim i
all æva. **153** Sjå til mi djupe naud og fria meg ut! For

di lov hev eg ikkje gløymt. **154** Før mi sak, og løys
meg ut, haldt meg i live etter ditt ord! **155** Frelsa er
langt frå dei ugudlege, for dine fyreskrifter spør dei
ikkje etter. **156** Di miskunn er stor, Herre; haldt meg i
live etter dine domar! **157** Mange er dei som forfylgjer
meg og stend meg imot; frå dine vitnemål hev eg ikkje
vike. **158** Eg såg dei utrue og fekk uhug, av di dei ikkje
heldt ditt ord. **159** Sjå at eg hev elska dine fyresegner!
Herre, haldt meg i live etter di miskunn! **160** Summen
av ditt ord er sanning, og æveleg stend all di rettferds
lov. **161** Hovdingar forfylgde meg utan orsak, men mitt
hjarta ottast dine ord. **162** Eg gled meg yver ditt ord,
som når ein finn mykje herfang. **163** Lygn hev eg hata
og havt stygg til; di lov hev eg elska. **164** Sju gonger
um dagen hev eg lova deg for dine rettferdige domar.
**165** Mykje fred hev dei som elskar di lov, og ingen støyt
fær deim til fall. **166** Eg hev venta på di frelsa, Herre,
og dine bodord hev eg halde. **167** Mi sjæl hev halde
dine vitnemål, og eg elska deim mykje. **168** Eg hev
halde dine fyresegner og dine vitnemål, for alle mine
vegar er for di åsyn. **169** Lat mitt klagerop koma fram
for di åsyn, Herre! Gjev meg skyn etter ditt ord. **170** Lat
mi bøn koma for di åsyn! Frels meg etter ditt ord! **171**
Mine lippor skal fløda yver av lovsong, for du lærer
meg dine fyreskrifter; **172** Mi tunga skal syngja um ditt
ord; for alle dine bodord er rettferd. **173** Lat di hand
vera meg til hjelp! for dine fyresegner hev eg valt ut.
**174** Eg lengtar etter di frelsa, Herre, og di lov er mi lyst.
**175** Lat mi sjæl leva og lova deg, og lat dine domar
hjelpa meg! **176** Eg hev fare vilt; leita upp din tenar
som ein burtkomen sau! for dine bodord hev eg ikkje
gløymt.

**120** Ein song til høgtidsferderne. Til Herren ropa
eg i mi naud, og han svara meg. **2** Herre, frels
mi sjæl frå ljugarlippa, frå den falske tunga! **3** Kva skal
han gjeva deg, og kva meir skal han gjeva deg, du
falske tunga? **4** Kveste piler til ei kjempa og gløder av
einebuska. **5** Usæl eg, som framand er imillom Mesek,
og bur ved Kedars tjeld! **6** Lenge nok hev sjæli mi butt
hjå deim som hatar fred. **7** Eg er berre fred, men når
eg talar, er dei ferdige til strid.

**121** Ein song til høgtidsferderne. Eg lyfter augo
mine upp til fjelli, kvar kjem mi hjelp ifrå? **2** Mi
hjelp kjem ifrå Herren, han som hev skapa himmelen
og jordi. **3** Han skal ikkje lata foten din vera ustød, han
blundar ikkje din vaktar. **4** Sjå, han blundar ikkje og
søv ikkje, Israels vaktar. **5** Herren er din vaktar, Herren
er din skugge ved di høgre hand. **6** Um dagen skal
ikkje soli stikka deg, og ikkje månen um natti. **7** Herren
skal vara deg frå alt vondt, han skal vara di sjæl. **8**
Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og
til æveleg tid.

**122** Ein song til høgtidsferderne; av David. Glad
vart eg då dei sagde til meg: «Me vil ganga til
Herrens hus.» **2** Våre føter fekk standa i dine portar,
Jerusalem. **3** Jerusalem, du velbygde by, ein by som
heng vel i hop. **4** Der ætterne fer upp, Herrens ætter,
etter Israels lov, til å prisa Herrens namn. **5** For der er
stolar sette til domstolar for Davids hus. **6** Bed um fred
for Jerusalem! det gange deim vel som elskar deg! **7**
Fred vere innanfor dine murar og ro i dine salar! **8** For
mine brør og vener skuld vil eg segja: «Fred vere i
deg!» **9** For Herrens, vår Guds, hus skuld vil eg søkja
det som er godt for deg.

**123** Ein song til høgtidsferderne. Til deg lyfter eg
augo mine, du som sit i himmelen. **2** Sjå, som
augo til tenarar skodar på handi åt herrarne sine, som
augo til tenestgjenta på handi åt frua si, soleis skodar
våre augo upp til Herren, vår Gud, til dess han vert
oss nådig. **3** Ver oss nådig, Herre, ver oss nådig! for
me er ovleg metta med vanvyrdnad. **4** Ovleg metta er
vår sjæl med spott ifrå dei kaute, med vanvyrdnad frå
valdsmenner.

**124** Ein song til høgtidsferderne; av David. Hadde
ikkje Herren vore med oss, - so segje Israel -
**2** hadde ikkje Herren vore med oss, då menneskje stod
upp imot oss, **3** so hadde dei slukt oss livande, då
deira vreide loga imot oss, **4** so hadde vatni flødt yver
oss, ei elv gjenge yver vår sjæl, **5** so hadde dei gjenge
yver vår sjæl, dei storlåtne vatni. **6** Lova vere Herren,
som ikkje gav oss til åt for deira tenner! **7** Vår sjæl
slapp undan som ein fugl or fangarsnara. Snara rivna
sund, og me slapp undan. **8** Vår hjelp er i Herrens
namn, han som gjorde himmel og jord.

**125** Ein song til høgtidsferderne. Dei som lit på
Herren, er som Sionsfjellet, som ikkje vert
rikka, men æveleg stend fast. **2** Jerusalem - fjell er
kringum det, og Herren er ikring sitt folk frå no og i
all æva. **3** For ikkje skal ugudleg kongsstav kvila på
arvluten åt dei rettferdige, at ikkje dei rettferdige skal
retta ut til urett sine hender. **4** Gjer godt, Herre, mot dei
gode, og imot deim som hev eit ærlegt hjarta! **5** Men
deim som vender seg burt til sine krokute vegar, skal
Herren lata fara med illgjerningsmenner. Fred vere
yver Israel!

**126** Ein song til høgtidsferderne. Då Herren førde
Sions fangar heim att, då var me som
drøymande. **2** Då fylltest vår munn med lått, og
vår tunga med fagnadrop. Då sagde dei millom

heidningarne: «Store ting hev Herren gjort mot desse.»
3 Store ting hev Herren gjort mot oss, og me vart
glade. 4 Herre, før du våre fangar heim att som bekkjer
i Sudlandet! 5 Dei som sår med tåror, skal hausta
med glederop. 6 Dei gjeng av stad og græt og ber sitt
såkorn. So kjem dei att med fagnadrop og ber sine
kornband.

**127** Ein song til høgtidsferderne; av Salomo.
Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider
dei fåfengt som byggjer på det. Dersom Herren ikkje
vaktar byen, so vaker vakti fåfengt. 2 Fåfengt stend de
tidleg upp og sit til seint på kvelden og et det mødsame
brød; det same gjev han venen sin som søv. 3 Sjå,
born er Herrens gåva, livsfrukt er ei løn. 4 Som piler i
kjempehand, soleis er ungdoms søner. 5 Sæl er den
mann som hev sitt pilehus fullt av deim! Ikkje skal dei
verta til skammar, når dei talar med fiendar i porten.

**128** Ein song til høgtidsferderne. Sæl er kvar den
som ottast Herren, som ferdast på hans vegar!
2 Det dine hender avlar, skal du njota, sæl er du, og
det gjeng deg vel. 3 Kona di er som eit fruktrikt vintre
inne i ditt hus; borni dine er som oljekvister kringum
bordet ditt. 4 Sjå, soleis vert den mann velsigna, som
ottast Herren. 5 Herren signe deg frå Sion! sjå med
lyst på Jerusalems lukka alle dine livedagar! 6 Og
måtte du sjå born av dine born! Fred vere yver Israel!

**129** Ein song til høgtidsferderne. Mykje hev dei
trengt meg alt ifrå min ungdom - so segje
Israel - 2 mykje hev dei trengt meg alt ifrå min ungdom;
men dei hev ikkje fenge bugt med meg. 3 På min
rygg hev pløgjarar pløgt, dei hev gjort sine forer lange.
4 Herren er rettferdig, han hev hogge av reipi til dei
ugudlege. 5 Dei skal skjemmast og vika attende alle
som hatar Sion. 6 Dei skal verta som gras på taki,
som visnar fyrr det fær veksa; 7 slåttaren fær ikkje
handi full, og bundelbindaren ikkje eit fang. 8 Og dei
som gjeng framum, segjer ikkje: «Herrens velsigning
vere yver dykk, me velsignar dykk i Herrens namn!»

**130** Ein song til høgtidsferderne. Or djupet ropar
eg på deg, Herre! 2 Herre, høyr på mi røyst, lat
dine øyro merka mi bønerøyst! 3 Dersom du, Herre, vil
gøyma på misgjerningar, Herre, kven kann då standa?
4 For hjå deg er forlatingi, at dei skal ottast deg. 5 Eg
vonar på Herren, mi sjæl vonar, og eg ventar på hans
ord. 6 Mi sjæl ventar på Herren meir enn vaktmenner
på morgonen, vaktmenner på morgonen. 7 Venta,
Israel, på Herren! for hjå Herren er nåden, og stor
utløysing er hjå honom. 8 Og han skal løysa Israel frå
alle deira misgjerningar.

**131** Ein song til høgtidsferderne; av David. Herre,
ikkje er mitt hjarta stolt og ikkje augo mine
storlåtne, og ikkje gjeng eg med tankar som er altfor
underlege for meg. 2 Nei, eg hev fenge sjæli til å vera
still og tegja som avvant barn hjå mor si, som avvant
barn er sjæli mi hjå meg. 3 Venta, Israel, på Herren,
frå no og i all æva!

**132** Ein song til høgtidsferderne. Herre, kom i hug
for David all hans møda! 2 Han som svor for
Herren, lova Jakobs velduge: 3 «Ikkje gjeng eg inn i
mitt heimetjeld, ikkje stig eg upp på lega i mi seng, 4
ikkje unner eg augo svevn, ikkje augneloki ein blund,
5 fyrr eg finn ein stad for Herren, ein bustad for Jakobs
velduge.» 6 Sjå, me høyrde um henne i Efrata, so
fann me henne i skogbygdi. 7 Lat oss ganga til hans
bustad, lat oss tilbeda for hans fotskammel! 8 Statt
upp, Herre, og kom til din kvilestad, du og ditt veldes
kista! 9 Prestarne dine klæde seg i rettferd, og dine
trugne ropa med fagnad! 10 For David, din tenars
skuld vis ikkje frå deg åsyni åt den du hev salva! 11
Herren hev svore David ein sann eid, den gjeng han
ikkje ifrå: «Av di livsfrukt vil eg setja kongar på din stol.
12 Dersom dine søner held mi pakt og mine vitnemål
som eg skal læra deim, so skal og deira søner æveleg
og alltid sitja på din kongsstol.» 13 For Herren hev valt
seg Sion, han ynskte det til sin bustad: 14 «Dette er
min kvilestad for all tid, her vil eg bu, for det hev eg
ynskt. 15 Maten her vil eg rikleg signa, dei fatige vil eg
metta med brød, 16 og prestarne vil eg klæda med
frelsa, og dei gudlege skal ropa høgt av fagnad. 17
Der vil eg lata veksa upp eit horn for David, der hev eg
stelt til ei lampa for den eg hev salva. 18 Hans fiendar
vil eg klæda med skam, men yver honom skal hans
kruna stråla.»

**133** Ein song til høgtidsferderne; av David. Sjå
kor godt det er og yndelegt at brør ogso bur i
saman! 2 Det er liksom den gode olje uppå hovudet,
som renn ned yver skjegget, Arons skjegg, og som
renn ned på saumen av hans klædnad, 3 som dogg
frå Hermon, som renn ned på Sions fjell. For der hev
Herren laga til velsigningi, liv i all æva.

**134** Ein song til høgtidsferderne. Upp, og lova
Herren, alle Herrens tenarar, de som stend i
Herrens hus um næterne! 2 Lyft dykkar hender upp til
heilagdomen og lova Herren! 3 Herren signe deg frå
Sion, han som gjorde himmel og jord!

**135** Halleluja! Lova Herrens namn, lova, de Herrens
tenarar, 2 de som stend i Herrens hus, i
fyregardarne til vår Guds hus! 3 Lova Herren, for
Herren er god! Syng lov for hans namn, for det er

yndelegt. 4 For Jakob hev Herren valt seg ut, Israel
til sin eigedom. 5 For eg veit at Herren er stor, og
vår Herre er meir enn alle gudar. 6 Herren gjer alt
det han vil i himmelen og på jordi, i havi og i alle
djup, 7 han som let eim stiga upp frå enden av jordi,
gjer eldingar til regn, som fører ut or sine gøymslor
vind, 8 han som slo dei fyrstefødde i Egyptarland
både av folk og fe, 9 som sende teikn og under midt i
deg, Egyptarland, mot Farao og alle hans tenarar. 10
Han som slo mange heidningefolk og drap megtige
kongar, 11 Sihon, amoritarkongen, og Basans konge
Og, og alle Kana'ans kongerike, 12 og gav deira land
til arv, til arv for Israel, sitt folk. 13 Herre, ditt namn
varer æveleg, Herre, ditt minne frå ætt til ætt. 14
For Herren skal døma sitt folk og ynkast yver sine
tenarar. 15 Heidninge-avgudar er sylv og gull, eit verk
av menneskjehender. 16 Dei hev munn, men talar
ikkje, dei hev augo, men ser ikkje, 17 dei hev øyro,
men høyrer ikkje, og ingen ande er i deira munn. 18
Som desse er, vert dei som lagar deim, alle som set
si lit til deim. 19 Israels hus, lova Herren! Arons hus,
lova Herren! 20 Levis hus, lova Herren! De som ottast
Herren, lova Herren! 21 Lova vere Herren frå Sion,
han som bur i Jerusalem! Halleluja!

**136** Prisa Herren, for han er god, for æveleg varer
hans miskunn. 2 Prisa Guden yver gudar,
for æveleg varer hans miskunn. 3 Prisa Herren yver
herrar, for æveleg varer hans miskunn. 4 Han, den
einaste som gjer store under, for æveleg varer hans
miskunn. 5 Han som gjorde himmelen med vit, for
æveleg varer hans miskunn. 6 Han som strakte jordi
yver vatni, for æveleg varer hans miskunn. 7 Han som
gjorde dei store ljos, for æveleg varer hans miskunn,
8 soli til å råda yver dagen, for æveleg varer hans
miskunn, 9 månen og stjernorne til å råda yver natti,
for æveleg varer hans miskunn. 10 Han som slo
egyptarane gjenom deira fyrstefødde, for æveleg varer
hans miskunn, 11 og førde Israel ut frå deim, for
æveleg varer hans miskunn, 12 med sterk hand og
strak arm, for æveleg varer hans miskunn. 13 Han
som skar i sund Raudehavet, for æveleg varer hans
miskunn, 14 og førde Israel midt igjenom, for æveleg
varer hans miskunn, 15 og kasta Farao og heren hans
i Raudehavet, for æveleg varer hans miskunn. 16
Han som førde sitt folk i øydemarki, for æveleg varer
hans miskunn. 17 Han som felte store kongar, for
æveleg varer hans miskunn, 18 og som slo herlege
kongar i hel, for æveleg varer hans miskunn, 19 Sihon,
amoritarkongen, for æveleg varer hans miskunn, 20
og kongen yver Basan, Og, for æveleg varer hans
miskunn, 21 og gav deira land til arv, for æveleg varer
hans miskunn, 22 til arv for sin tenar Israel, for æveleg
varer hans miskunn. 23 Han som kom oss i hug i vår
stakarsdom, for æveleg varer hans miskunn, 24 og reiv
oss ut or fiendevald, for æveleg varer hans miskunn.
25 Han som gjev alt som liver brød, for æveleg varer
hans miskunn. 26 Prisa Gud i himmelen, for æveleg
varer hans miskunn!

**137** Ved Babels elvar, der sat me og gret, når me
kom Sion i hug. 2 På vier-runnarne der i landet
hengde me harporne våre. 3 For der kravde dei som
heldt oss fanga song av oss, og våre plågarar kravde
gleda: «Syng åt oss av Sions songar!» 4 Korleis kann
me syngja Herrens song på framand jord? 5 Um eg
gløymer deg, Jerusalem, so gjev mi høgre hand må
gløyma seg burt! 6 Gjev tunga må hanga fast ved
gomen min, dersom eg ikkje kjem deg i hug, dersom
eg ikkje set Jerusalem yver mi høgste gleda. 7 Herre,
hugsa Edoms søner Jerusalems dag! dei som sagde:
«Riv ned, riv ned, radt ned til grunnen!» 8 Babels
dotter, du øydelagde! sæl er den som gjev deg løn for
den gjerning du gjorde imot oss! 9 Sæl er den som tek
og krasar dine småborn imot berget!

**138** Av David. Eg vil prisa deg av alt mitt hjarta,
for augo på gudarne vil eg syngja deg lov. 2
Eg vil kasta meg ned framfyre ditt heilage tempel, eg
vil takka ditt namn for di miskunn og for din truskap;
for du hev gjort ditt ord herlegt yver alt ditt namn. 3
Den dagen eg ropa, svara du meg, du gjorde meg
frihuga, styrkte mi sjæl. 4 Herre, alle kongar på jordi
skal prisa deg, når dei fær høyra ordi av din munn.
5 Og dei skal syngja um Herrens vegar; for Herrens
æra er stor, 6 for Herren er høg og ser til den låge,
og den stormodige kjenner han langan veg. 7 Um eg
ferdast midt i naudi, held du meg i live, mot harmen til
mine fiendar retter du ut di hand, og ho frelser meg,
di høgre hand. 8 Herren vil fullføra sitt verk for meg.
Herre, di miskunn varer æveleg; det verk dine hender
hev gjort, må du ikkje gjeva upp!

**139** Til songmeisteren; av David; ein salme. Herre,
du ransakar meg og kjenner meg. 2 Um eg sit
eller stend upp, so veit du det, du skynar min tanke
langan veg. 3 Mi gonga og lega røyner du ut, og alle
mine vegar kjenner du grant. 4 For det er inkje ord på
mi tunga - sjå, Herre, du kjenner det alt til fullnads. 5
Bak og framme held du ikring meg, og du legg di hand
på meg. 6 Slik kunnskap er meg for underleg, han er
for høg, eg kann ikkje greida honom. 7 Kvar skal eg
fara frå din ande, og kvar skal eg fly ifrå ditt andlit? 8
For eg upp til himmelen, so er du der, og reidde eg
seng i helheimen, sjå, der er du og. **(Sheol h7585)** 9 Tek

eg vengjerne til morgonroden, slo eg meg ned ved
ytste havet, **10** di hand vilde leida meg ogso der, og di
høgre hand vilde halda meg fast. **11** Og sagde eg:
«Myrker løyne meg, og ljoset verte natt ikringum meg,
» **12** so vilde ikkje heller myrkret gjera noko myrkt
for deg, og natti vilde vera ljos som dagen, myrkret
vilde vera som ljoset. **13** For du hev skapt mine nyro,
du hev verka meg i morsliv. **14** Eg takkar deg, av di
eg er laga på øgjeleg underfull vis; underfulle er dine
verk, og mi sjæl veit det so vel. **15** Mine bein var ikkje
dulde for deg då eg vart laga i løynd, då eg med kunst
vart verka djupt i jordi. **16** Då eg var eit foster, såg
dine augo meg, og i di bok vart dei alle uppskrivne,
dei dagar som vart fastsette, då ikkje ein av deim var
komen. **17** Og kor dyre dine tankar er for meg, du Gud,
kor store summarne er av deim! **18** Vil eg telja deim,
so er dei fleire enn sand; eg vaknar, og endå er eg hjå
deg. **19** Gud, gjev du vilde drepa den ugudlege! og
de, blodfuse menner, vik burt frå meg - **20** dei som
nemner deg med fulskap, brukar ditt namn til lygn -
dine fiendar! **21** Skulde eg ikkje, Herre, hata deim som
hatar deg, og styggjast ved deim som stend deg imot?
**22** Med det sterkaste hatet hatar eg deim, fiendar er dei
for meg. **23** Ransaka meg, Gud, og kjenn mitt hjarta!
Prøv meg og kjenn mine tankar! **24** Og sjå um eg er
på veg til pinsla, og leid meg på æveleg veg!

**140** Til songmeisteren; ein salme av David. Herre,
fria meg ut frå vonde folk, vara meg ifrå
valdsmenner **2** som tenkjer vondt i hjarta, som kvar
dag samlar seg til strid! **3** Dei kvesser tunga si som
ein orm, orme-eiter er under lipporne deira. (Sela) **4**
Vakta meg, Herre, for henderne til dei ugudlege, vara
meg ifrå valdsmenner, som tenkjest til å få mine fet til
fall. **5** Dei ovmodige gøymer snara til meg og reip,
dei strekkjer garn ved vegen, gildror set dei snaror for
meg. (Sela) **6** Eg segjer til Herren: «Min Gud er du.»
Lyd, Herre, på mi bønerøyst! **7** Herre, Herre, du mi
sterke frelsa, du vernar mitt hovud på væpningsdagen.
**8** Herre, lat ikkje den ugudlege få si lyst, lat ikkje hans
vonde råd få framgang! Dei vilde elles upphøgja seg.
(Sela) **9** Yver hovudet på deim som kringset meg, skal
den ulukka falla som deira lippor valdar. **10** Brennande
kol skal ein rista ned yver deim, i elden skal han kasta
deim, i djupe vatn, so dei ikkje kann koma upp. **11**
Ein munnkåt mann skal ikkje trygt på jordi, den vonde
valdsmann skal dei jaga til han sturtar. **12** Eg veit at
Herren skal greida saki for armingen, og retten for dei
fatige. **13** Ja, dei rettferdige skal prisa namnet ditt, dei
ærlege skal bu for di åsyn.

**141** Ein salme av David. Herre, eg ropar på deg,
skunda deg til meg! Vend øyra til mi røyst når
eg ropar til deg! **2** Lat bøni mi gjelda som røykoffer for
ditt andlit, mi hand-upplyfting som kvelds-grjonoffer! **3**
Herre, set vakt for munnen min, vara mi lippe-dør! **4**
Bøyg ikkje mitt hjarta til noko vondt til å gjera ugudlege
gjerningar saman med menner som gjer urett, og ikkje
lat meg eta av deira lostemat! **5** Lat ein rettferdig slå
meg i kjærleik og tukta meg! Slik hovudsalve skal ikkje
mitt hovud forsmå! Um det varer, so set eg mi bøn
mot deira vondskap. **6** Deira domarar vert sturta utfyre
fjellveggen, og sjølv skal dei høyra mine ord, at dei er
yndelege. **7** Som når ein pløgjer og rotar i jordi, so ligg
beini våre spreidde kring ved døri til helheimen. **(Sheol
h7585)** **8** For upp til deg, Herre, Herre, ser mine augo,
til deg flyr eg, tøm ikkje ut mi sjæl! **9** Vara meg ifrå
fella dei hev sett for meg, og snarorne til deim som
gjer urett! **10** Lat dei ugudlege falla i sine eigne garn,
medan eg gjeng uskadd framum!

**142** Ein salme til lærdom av David då han var i
helleren, ei bøn. Med røysti mi ropar eg til
Herren, med røysti bed eg inderleg til Herren. **2** Eg
renner ut mi sorg for hans åsyn, for hans åsyn segjer
eg fram mi naud. **3** Når mi ånd vanmegtast i meg, so
kjenner då du min stig; på den veg eg skal ferdast, hev
dei løynt snaror for meg. **4** Skoda til mi høgre sida og
sjå! Det er ingen som kjennest ved meg; all livd er
burte frå meg, ingen spør etter mi sjæl. **5** Eg ropar til
deg, Herre! Eg segjer: «Du er mi livd, min lut i landet åt
dei livande.» **6** Agta på mitt klagerop, for eg er ovleg
arm! Fria meg frå mine forfylgjarar, for dei er meg for
sterke. **7** Før mi sjæl or fengslet, so eg kann lova ditt
namn! Kring meg skal dei rettferdige samla seg, når du
gjer vel imot meg.

**143** Ein salme av David. Herre, høyr mi bøn og
vend øyra til mine inderlege bøner! Svara meg
i din truskap, i di rettferd, **2** og gakk ikkje til doms med
din tenar; for ingen som liver, er rettferdig for di åsyn. **3**
For fienden hev forfylgt mi sjæl, han hev krasa mitt liv
til jordi, han hev sett meg av i myrkrer som dei æveleg
daude. **4** Og mi ånd er vanmegtig i meg, mitt hjarta i
meg er forskræmt. **5** Fordoms dagar kjem eg i hug, eg
tenkjer på alt ditt verk og grundar på det dine hender
hev gjort. **6** Mine hender retter eg til deg, som turre
landet tyrster mi sjæl etter deg. (Sela) **7** Herre, svara
meg snart, mi ånd forgjengst! Løyn ikkje ditt andlit for
meg, so eg skulde likjast deim som fer ned i gravi. **8**
Lat meg høyra di miskunn um morgonen, for eg lit på
deg! Lær meg den veg eg skal vandra, for eg lyfter mi
sjæl til deg! **9** Fria meg, Herre, frå mine fiendar, eg
søkjer livd hjå deg. **10** Lær meg å gjera din vilje, for
du er min Gud! Din gode ande leide meg på jamne
lendet. **11** For ditt namn skuld, Herre, haldt meg i live!

I di rettferd før mi sjæl ut or trengsla! 12 Og ryd i di
miskunn ut mine fiendar, og øydelegg alle som trengjer
mi sjæl, for eg er din tenar.

**144** Av David. Lova vere Herren, mitt berg, som
lærde mine hender strid og mine fingrar ufred,
2 mi miskunn og mi festning, mi borg og min bergar, min
skjold og den eg flyr til, han som tvingar mitt folk under
meg! 3 Herre, kva er ein mann, at du kjenner honom,
eit menneskjebarn, at du agtar på det? 4 Mannen
likjest ein pust, hans dagar er som ein kvervande
skugge. 5 Herre, bøyg din himmel, og stig ned, rør du
fjelli so dei ryk! 6 Lat ljonet lyna, og spreid deim, send
dine piler, og skræm deim! 7 Rett henderne ned frå
det høge, frels meg og fria meg ut frå dei store vatni,
frå handi åt framande, 8 dei som med munnen talar
svik, og deira høgre hand er lygne-hand. 9 Gud, ein ny
song vil eg syngja deg, til tistrengs-harpa vil eg syngja
deg lov, 10 du som gjev kongar frelsa, som friar David,
tenaren din, frå det vonde sverd. 11 Frels meg og fria
meg ut frå handi åt framande, dei som med munnen
talar svik, og deira høgre hand er lygne-hand! 12 So
våre søner kann vera i sin ungdom som høgvaksne
vokstrar, våre døtter som hyrnestolpar, hogne som til
eit slott, 13 so våre bur kann vera fulle og gjeva av alle
slag, so våre sauer kann auka seg i tusundtal, ja, ti
tusundtal på våre marker, 14 so våre kyr kann hava
kalv, og der ikkje må vera brot og ikkje tap, og inkje
klagerop på våre gator. 15 Sælt er det folk som hev
det soleis; sælt er det folk som hev Herren til Gud.

**145** Ein lovsong av David. Eg vil upphøgja deg,
min Gud, du konge, og eg vil lova namnet ditt
æveleg og alltid. 2 Kvar dag vil eg lova deg, og eg vil
prisa namnet ditt æveleg og alltid. 3 Stor er Herren
og mykje lovsungen, og hans storleik er uransakleg.
4 Ei ætt skal lova dine verk for ei onnor, og dine
storverk skal dei forkynna. 5 Di høge og herlege æra
og dine underverk vil eg grunda på. 6 Um dine sterke,
skræmelege gjerningar skal dei tala, og dine storverk
vil eg fortelja um. 7 Minne-ord um din store godleik skal
dei lata strøyma ut, og di rettferd skal dei lovsyngja. 8
Nådig og miskunnsam er Herren, langmodig og stor i
miskunn. 9 Herren er god imot alle, og han miskunnar
alle sine verk. 10 Alle dine verk skal prisa deg, Herre,
og dine trugne lova deg. 11 Um herlegdomen i ditt rike
skal dei tala, og ditt velde skal dei forkynna, 12 til å
kunngjera dine velduge verk for menneskjeborni, og
den strålande herlegdom i ditt rike. 13 Ditt rike er eit
rike for alle ævor, og ditt herredøme varer gjenom alle
ætter. 14 Herren er stydjar alle som fell, og han reiser
alle som er nedbøygde. 15 Alle vender augo sine
ventande til deg, og du gjev deim deira føda i si tid. 16
Du let upp handi og mettar alt levande med hugnad. 17
Herren er rettferdig på alle sine vegar og miskunnsam
i alle sine verk. 18 Herren er nær hjå alle deim som
kallar på honom, alle som kallar på honom i sanning.
19 Han gjer etter deira ynskje som ottast honom, og
han høyrer deira rop og frelser deim. 20 Herren varar
alle deim som elskar honom, men alle ugudlege tyner
han. 21 Min munn skal mæla um Herrens pris, og alt
kjøt skal lova hans heilage namn i all æva og alltid.

**146** Halleluja! Mi sjæl, lova Herren! 2 Eg vil lova
Herren so lenge eg liver, syngja lov for min
Gud medan eg er til. 3 Set ikkje lit til hovdingar, til ein
menneskjeson som ikkje kann hjelpa. 4 Fer hans ande
ut, so vender han attende til si jord, den dagen er det
ute med hans tankar. 5 Sæl er den som hev Jakobs
Gud til hjelp, som vonar på Herren, sin Gud! 6 han
som hev skapa himmel og jord, havet og alt som i
deim er, han som er trufast til æveleg tid, 7 han som
gjev dei nedtyngde rett, han som gjev dei hungrige
brød. Herren løyser dei bundne. 8 Herren opnar augo
på dei blinde, Herren reiser dei nedbøygde, Herren
elskar dei rettferdige, 9 Herren varar dei framande,
farlause og enkjor held han uppe, men han villar vegen
for dei ugudlege. 10 Herren skal vera konge æveleg,
din Gud, Sion, frå ætt til ætt. Halleluja!

**147** Halleluja! For det er godt å lovsyngja vår
Gud, for yndelegt er det, og lovsong høver
vel. 2 Herren byggjer upp Jerusalem, han samlar
dei burtdrivne israelitar. 3 Han lækjer deim som hev
sundbrote hjarta, og bind um deira verkjande sår. 4
Han set tal på stjernorne, han nemner deim alle med
namn. 5 Stor er vår Herre og veldug i magt, på hans vit
er det ikkje mål. 6 Herren held dei spaklyndte uppe, dei
ugudlege bøygjer han ned til jordi. 7 Syng for Herren
med takkesong, syng lov for vår Gud med cither! 8
han som tekkjer himmelen med skyer, han som lagar
regn for jordi, han som let det veksa gras på fjelli. 9
Han gjev feet for, ramn-ungarne som ropar. 10 Han
hev ikkje hug til hestens styrke, han hev ikkje hugnad i
mannsens leggjer. 11 Herren hev hugnad i deim som
ottast han, deim som ventar på hans miskunn. 12
Jerusalem, prisa Herren, Sion, lova din Gud! 13 For
stengerne på dine portar hev han gjort faste, han hev
velsigna dine born i deg. 14 Han gjev dine grensor
fred, han mettar deg med den feitaste kveite. 15 Han
sender sin tale til jordi, fort spring hans ord. 16 Han
som gjev snø som ull, han strår ut rim som oska. 17
Han kastar sin is som småe stykke; kven kann standa
for hans kulde? 18 Han sender sitt ord og smeltar
deim, han let vinden sin blåsa, då renn vatn. 19 Han
hev kunngjort sitt ord for Jakob, sine fyresegner og

rettar for Israel. **20** Soleis hev han ikkje gjort med noko
folk, og hans rettar - deim kjenner dei ikkje. Halleluja!

**148** Halleluja! Lova Herren frå himmelen, lova
honom i det høge! **2** Lova honom, alle hans
englar, lova honom, all hans her! **3** Lova honom, sol
og måne, lova honom, alle lysande stjernor! **4** Lova
honom, de himle-himlar, og de vatn ovanfor himlarne!
**5** Dei skal lova Herrens namn, for han baud, og dei vart
skapte, **6** og han stelte deim upp for alltid og æveleg,
han gav ei lov som ingen bryt. **7** Lova Herren frå jordi,
de store sjødyr og alle djup, **8** Eld og hagl, snø og eim,
du storm som set hans ord i verk, **9** de fjell og alle
haugar, aldetre og alle cedrar, **10** de ville dyr og alt fe,
krekande dyr og fljugande fuglar; **11** de kongar på jordi
og alle folk, de hovdingar og alle domarar på jordi, **12**
de unge gutar og gjentor, de gamle med dei unge! **13**
Dei skal lova Herrens namn, for berre hans namn er
høgt, hans herlegdom er yver jord og himmel, **14** og
han hev lyft upp eit horn for sitt folk, til ein lovsong
for alle sine trugne, for Israels born, det folk som er
honom nær. Halleluja!

**149** Halleluja! Syng Herren ein ny song, hans lov
i samlingi av dei gudlege! **2** Israel glede seg i
sin skapar, Sions søner frygde seg for sin konge! **3**
Dei skal lova hans namn med dans, syngja for honom
til pauka og cither. **4** For Herren hev hugnad i sitt
folk, han pryder spaklyndte med frelsa. **5** Dei gudlege
frygdar seg i herlegdom, dei ropar av fagnad på sine
lægje. **6** Lovsong for Gud er i deira munn, og eit
tvieggja sverd i deira hand, **7** til å fullføra hemn yver
heidningarne, refsing yver folkeslagi, **8** til å binda deira
kongar med lekkjor og deira storfolk med jarnband, **9**
til å fullføra fyreskriven dom yver deim. Æra er dette
for alle hans trugne. Halleluja!

**150** Halleluja! Lova Gud i hans heilagdom, lova
honom i hans sterke kvelv! **2** Lova honom for
hans storverk, lova honom etter hans fulle storleik!
**3** Lova honom med lurljom, lova honom med harpa
og cither! **4** Lova honom med trumma og dans lova
honom med strengleik og fløyta! **5** Lova honom med
klingande cymblar, lova honom med ljomande cymblar!
**6** Alt som hev ande, love Herren! Halleluja!

# Salomos Ordsprog

**1** Ordtøke av Salomo, son til David, konge yver Israel.
**2** Av deim kann ein læra visdom og age og skyna
vituge ord. **3** Og få age so ein vert klok, rettferd og rett
og rettvisa. **4** Dei kann gjeva dei urøynde klokskap,
ungdomen kunnskap og ettertanke - **5** so den vise
kann høyra og auka sin lærdom og den vituge verta
rådklok. **6** Dei gjev skyn på ordtak og myrke ord, ord
frå dei vise og gåtorne deira. **7** Otte for Herren er
upphav til kunnskap, uvitingar vanvyrder visdom og
age. **8** Høyr etter, son min, når far din deg agar, og
kasta'kje frå deg det mor di deg lærer! **9** For det er ein
yndeleg krans for ditt hovud, og kjedor kring halsen
din. **10** Son min, når syndarar lokkar deg, samtykk
ikkje! **11** Um dei segjer: «Kom med oss! Me vil lura
etter blod, setja fella for den skuldlause utan grunn; **12**
Me vil gløypa deim som helheimen livande, og heile
som når dei fer i gravi; **(Sheol h7585)** **13** Me vinna oss
alle slag skattar, og fyller husi våre med rov; **14** du
skal få lutskifte saman med oss, alle skal me ha same
pungen.» - **15** Son min, gakk ikkje då på vegen med
deim, haldt foten din burte frå deira stig! **16** For føterne
deira spring til vondt og er snøgge til å renna ut blod.
**17** Men fåfengt breier dei netet for augo på alle fuglar.
**18** Dei lurer på sitt eige blod og set eit garn for sitt eige
liv. **19** So gjeng det kvar som riv til seg med ran, det
drep sin eigen herre. **20** Vismøyi ropar på gata og
lyfter si røyst på torgi. **21** På gatehyrna preikar ho midt
i ståket, i porthallar og kring i byen ho talar: **22** «Kor
lenge vil de fåkunnige elska fåkunna, og kor lenge vil
spottarar ha hug til spott, og dårar hata kunnskap?
**23** Snu dykk hit når eg refser! So skal åndi mi fløyma
for dykk, og eg skal kunngjera dykk mine ord. **24** Eg
ropa og de vilde ikkje høyra, og ingen agta på at eg
rette ut handi, **25** De brydde dykk ei um all mi råd, og
ansa ikkje mitt refsings ord, **26** So skal eg då læ når
de ulukka fær, eg skal spotta når det som de ræddast
kjem, **27** når det de ræddast kjem som eit uver, og
uferdi dykkar fer hit som ein storm, når trengsla og
naud kjem på dykk. **28** Då vil eg ikkje svara når de
ropar på meg, dei skal naudleita etter meg, men ikkje
finna meg. **29** Av di dei hata kunnskap og forsmådde
otte for Herren, **30** ikkje lydde på mi råd, vanyrde all mi
påminning, **31** skal dei eta frukt av si åtferd og verta
mette av sine råder. **32** For einvisa drep dei einfaldne,
og tryggleiken dårarne tyner. **33** Men den bur trygt,
som høyrer på meg, verna um ulukke-rædsla.»

**2** Son min! tek du imot mine ord og gøymer bodi mine
hjå deg, **2** so du vender øyra til visdomen, bøygjer
hjarta til vitet, **3** ja, når du kallar på skynet og ropar
høgt på vitet, **4** leitar du etter det som vore det sylv, og
grev som vore det løynde skattar, **5** då skal du skyna
otte for Herren, og Guds-kunnskap skal du finna. **6** For
Herren er den som gjev visdom, frå hans munn kjem
kunnskap og vit. **7** Han gøymer frelsa for dei ærlege,
han er ein skjold for dei som fer ulastande, **8** med di
for han vaktar stigarne åt retten og varar vegen vel
for sine trugne. **9** Då skal du skyna rettferd og rett og
rettvisa, ja, kvar god veg. **10** For visdom koma skal i
hjarta ditt, og kunnskap vera hugleg for di sjæl, **11** yver
deg skal ettertanke halda vakt, vit skal vara deg **12** og
fria deg ifrå den vonde åtferd, frå folk som talar fals,
**13** dei som gjeng frå dei rette stigar og vil vandra på
myrke vegar, **14** dei som gled seg med å gjera vondt,
og fegnast yver rangt og vondt, **15** dei som gjeng på
kroke-stigar og fer på range vegar. - **16** Han skal fria
deg frå annanmanns kona, frå framand kvinna med
sleipe ord, **17** som hev svike sin ungdoms ven og si
Guds-pakt hev gløymt. **18** For ho sig ned til dauden
med sitt hus, og ned til daudingarne hennar vegar ber.
**19** Ingen som gjeng inn til henne, kjem attende, og dei
når ikkje livsens stigar. **20** Han vil du skal ganga den
vegen dei gode gjeng, og halda deg på dei stigane
der rettferdige ferdast; **21** for dei ærlege skal bu i
landet, og dei ulastelege der skal verta att, **22** men dei
ugudlege skal rydjast ut or landet, og svikarane skal
verta rivne burt frå det.

**3** Son min, gløym ikkje læra mi! Lat hjarta varveitsla
bodi mine! **2** For livetid lang og livs-år i mengd og
velferd dei gjev deg i rikaste mål. **3** Lat ei kjærleik og
truskap vika frå deg, men bitt deim um halsen på deg,
skriv deim på di hjartetavla! **4** Då vinn du ynde og
fær godt vit for augo på Gud og menneskje. **5** Lit på
Herren av heile ditt hjarta men set ikkje lit til ditt vit! **6**
Tenk på honom i all di ferd! So jamnar han dine vegar.
**7** Ver ikkje vis i eigne augo, ottast Herren og vik frå
det vonde. **8** Det vert til helsebot for holdet ditt, og
kveik for beini dine. **9** Ära Herren med eiga di og med
fyrstegrøda av all di avling. **10** Då vert dine lødor rikleg
fyllte, og safti renn yver i persorne dine. **11** Son min, ei
du vanvyrde Herrens age, og ver ikkje leid for hans
refsing! **12** For Herren agar den han elskar, som ein far
med den son han hev kjær. **13** Sæl den mann som hev
funne visdom, og den mann som vinn seg vit! **14** For
det er betre å kjøpa visdom enn sylv, og den vinning
han gjev, er betre enn gull. **15** Dyrare er han enn
perlor, av alle dine skattar er ingen som han. **16** Langt
liv hev han i høgre handi, og i vinstre rikdom og æra.
**17** Hans vegar er hugnads-vegar, og alle hans stigar er
velferd. **18** Han er livsens tre for deim som grip han,
og dei som held han fast, er sæle. **19** Med visdom hev
Herren grunnfest jordi, med vit hev han laga himmelen.

20 Ved hans kunnskap fossa vatnet or djupi, og frå
skyerne dryp det dogg. 21 Son min! Slepp ikkje augo
av deim, tak vare på visdom og ettertanke! 22 So skal
dei vera liv for sjæli di og prydnad um halsen din. 23
Då vandrar du trygt din veg og støyter ikkje din fot. 24
Når du legg deg, so kvekk du'kje upp, men du ligg og
søv so godt. 25 Du skal ikkje ottast for bråstøkk, eller
uver som yver ugudlege kjem. 26 For Herren skal vera
di tiltru, og han skal vara din fot frå snara. 27 Haldt ei
burte det gode frå deim som treng det, når det stend
i di magt å gjeva det! 28 Seg ikkje til grannen din:
«Gakk og kom att! Eg skal gjeva deg i morgon» - når
du hev det no! 29 Tenk ikkje på vondt mot grannen din,
når han bur trygt hjå deg! 30 Trætta ikkje med nokon
utan grunn, når han ei hev gjort deg vondt! 31 Ovunda
ikkje ein valdsmann, og vel ikkje nokon av alle hans
vegar! 32 For den falske er ei gruv for Herren, men
med ærlege hev han umgang. 33 Herrens forbanning
er i huset hjå den gudlause, men heimen åt rettferdige
velsignar han. 34 Gjeld det spottarar, so spottar han,
men dei audmjuke gjev han nåde. 35 Vismenner erver
æra, men dårer ber med seg skam til løn.

**4** Høyr etter, born, når far dykkar tuktar, og gjev
gaum, so kann de læra å skyna! 2 For eg gjev dykk
ein lærdom god; gakk ikkje frå mi upplæring! 3 For eg
var og barn for far min, og mor sin einaste veslegut. 4
Då lærde han meg og sagde til meg: «Lat hjarta ditt
hanga ved mine ord, tak vare på mine bod, so skal du
liva. 5 Kjøp deg visdom, kjøp deg vit, Gløym ei, vik ei
burt frå ordi eg segjer! 6 Gakk ei frå visdomen, so skal
han vakta deg, elska han, so skal han vara deg. 7
Upphavet til visdom er: Kjøp deg visdom! Og kjøp deg
vit for all di eiga! 8 Set han høgt, so skal han upphøgja
deg, han fører deg til æra når du tek han i fang. 9
Han set på ditt hovud ein yndeleg krans, ei kruna so
fager han gjev deg.» 10 Høyr, min son, og tak imot
mine ord, so vert dine livs-år mange. 11 Eg viser deg
visdoms veg, eg fører deg fram på beine stigar. 12
Når du gjeng, skal du stiga fritt, når du spring, skal du
ikkje snåva. 13 Haldt fast på agen, slepp han ikkje,
tak vare på han, for han er ditt liv. 14 På gudlause-
stig må du ikkje koma, ei fara den vegen dei vonde
fer. 15 Lat han vera, gakk ikkje på han, vik frå han
og kom deg undan! 16 For dei søv ikkje, fær dei'kje
synda, dei misser svevnen, fær dei ikkje folk til å falla.
17 Gudløysa er det brødet dei et og vald er den vinen
dei drikk. 18 Men den stigen rettferdige gjeng, er som
morgonglima som ljosnar og ljosnar til dagen renn. 19
Den vegen dei ugudlege gjeng, er som kolmyrkret, dei
veit ikkje kva dei snåvar i. 20 Son min, agta på ordi
mine, vend ditt øyra til det eg segjer! 21 Lat dei ikkje
vika frå augo dine, vara dei djupt i hjarta! 22 For det
er liv for kvar som finn det, og lækjing for heile hans
likam. 23 Framfor alt som du vaktar, tak vare på hjarta,
for livet gjeng ut frå det. 24 Haldt svik med munnen ifrå
deg, og burt med falske lippor! 25 Lat augo dine sjå
beint fram, og augnekasti skoda ende fram for deg! 26
Jamna stigen for din fot, og lat alle dine vegar vera
støde. 27 Vik ei til høgre eller vinstre, vend foten ifrå
det vonde!

**5** Son min, gjev agt på min visdom, lut øyra ned til
mitt vit! 2 So du kann halda deg gløggtenkt, og
lipporne gøyma på kunnskap. 3 For honning dryp av
skjøkjelippor, og hennar gom er sleipar' enn olje, 4
men til slutt er ho beisk som malurt, kvass som eit
tvieggja sverd. 5 Hennar føter stig ned til dauden,
hennar fet fører radt til helheims. **(Sheol h7585)** 6 Ho
gjeng ikkje livsens stig, gålaus vinglar ho vegvill. 7 Og
no, søner, høyr på meg, og vik ikkje frå det munnen
min mæler! 8 Lat din veg vera langt frå henne, kom'kje
nær til husdøri hennar! 9 Annars gjev du din vænleik
til andre, åt ein hardstyrar åri dine. 10 Av di eiga vil
framande mettast, det du samla med stræv, kjem i
annanmanns hus, 11 so du lyt stynja til slutt når ditt
hold og kjøt er upptært, 12 og segja: «Kor kunde eg
hata tukt, og hjarta mitt vanvyrda age? 13 Kvi høyrde
eg ikkje på meistrarne mine, og lydde på deim som
lærde meg? 14 Nær var eg komen ille i det midt i
mengdi som sat til tings.» 15 Drikk or din eigen brunn,
det som renn or di eigi kjelda! 16 Skulde kjeldorne
dine renna på gata, vatsbekkjerne dine ute på torgi?
17 Lat deim vera berre for deg, og ikkje for framande
med deg! 18 Kjelda di vere velsigna, gled du deg i
din ungdoms viv. 19 Elskhugs-hindi, ynde-gasella -
barmen hennar alltid deg kveikje, stødt vere du trylt av
hennar kjærleik. 20 Kvi skulde du, son min, tryllast av
onnor kona, og femna barmen på framand kvinna? 21
For Herren hev kvar manns vegar for augo, og han
jamnar alle hans stigar. 22 Den gudlause vert fanga i
misgjerningarne sine, hans synde-band bind honom
fast. 23 Han døyr av di han ikkje let seg aga, og ved
sin store dårskap tumlar han i koll.

**6** Hev du borga for grannen din, son min, hev du
handtekest for ein annan, 2 er du bunden ved ord
av din munn, er du fanga i ord av din munn, 3 gjer då
soleis, son min, og berga deg, sidan du er komen i
handi på grannen: Gakk og kasta deg ned for grannen,
gjer ågang på han, 4 unn ikkje dine augo svevn, eller
augneloki ein blund. 5 Frels deg som ei gasella or
handi hans, som ein fugl or fangarvald! 6 Gakk til
mauren, du leting, sjå hans ferd og vert vis! 7 Han hev
ingen hovding eller fut eller herre, 8 men lagar um

sumaren maten sin til og hev um hausten sanka si
føda. 9 Kor lenge vil du liggja, du leting? Når ris du
upp or di svevn? 10 Endå litt svevn, endå litt blunding,
endå litt kvild med henderne i kross, 11 so kjem armodi
di som ein farande fant og naudi som skjoldvæpna
mann. 12 Ugagns menneskje, illgjerningsmann, er den
som gjeng og rengjer munnen, 13 som blinkar med
augo, skrapar med foten, peikar med fingrarne, 14
med meinspel i hjarta, alltid emnar på ilt, og yppar
trættor. 15 Difor kjem hans undergang brått, snøgt vert
han ulækjande krasa. 16 Det er seks ting som Herrens
hatar, og sju er ei gru for hans sjæl: 17 Storlåtne augo,
ljugartunga, hender som renner ut skuldlaust blod, 18
hjarta som tenkjer upp vonde råder, føter som renner
rapt til vondt, 19 den som lyg og vitnar falskt, den som
yppar strid millom brør. 20 Son min, tak vare på bodet
åt far din, og kasta'kje frå deg læra åt mor di! 21 Bitt
deim alltid til hjarta ditt, knyt deim um halsen din! 22
Når du gjeng, skal læra leida deg; når du ligg, skal ho
vaka yver deg; når du vaknar, skal ho tala til deg. 23
For bodet er ei lykt og lovi er ljos, og påminning med
tukt er livsens veg. 24 Dei kann vara deg frå den vonde
kvinna, frå den sleipe framande tunga. 25 Ikkje trå i
hjarta etter vænleiken hennar, og lat ho'kje fanga deg
med augneloki sine! 26 For skjøkja armar ut til siste
brødbit, og gifte kona jagtar etter dyre livet. 27 Kann
nokon taka eld i fanget og ikkje brenna klædi sine? 28
Ell' kann ein gå på gløder og ikkje svida føterne? 29
So vert det med den som gjeng inn til kona åt grannen;
ingen kjem urefst frå det, um han rører henne. 30
Vert ikkje tjuven vanvyrd, um han stel og vil stilla sin
svolt? 31 Vert han teken, lyt han sjufaldt betala, alt
han eig i sitt hus, lyt han gjeva. 32 Den som driv hor
med ei kona, er vitlaus, den som vil tyna seg sjølv, gjer
slikt. 33 Hogg og skjemsla fær han, og ingen utslettar
hans skam. 34 For mannen harmast i åbryskap, på
hemnsdagen sparer han ikkje. 35 Han bryr seg ikkje
um nokor bot og tek'kje imot um du gjev han mykje.

**7** Son min, tak vare på ordi mine, og gøym mine
bodord hjå deg! 2 Tak vare på bodordi mine, so
skal du liva, og på læra mi som din augnestein! 3 Bitt
deim på fingrarne dine, skriv deim på hjartetavla! 4
Seg til visdomen: «Du er mi syster», og kalla vitet din
ven, 5 so dei kann deg vara frå annanmanns kona,
frå ei framand kvinna med sleipe ord. 6 For gjenom
vindauga mitt, gjenom rimarne glytte eg ut. 7 Då såg
eg millom dei fåkunnige, eg gådde ein uviting millom
dei unge, 8 som smaug um hyrna på gata, tok vegen
til hennar hus, 9 i skumings-stundi, mot kvelden, i
kolmyrke svarte natti. 10 Då kom kvinna imot han i
skjøkjebunad og innful i hjarta - 11 bråkande er ho og
vill, heime hev ho'kje ro. 12 Snart på gata, snart på
torgi, med kvart hyrna stend ho på lur - 13 Ho tok fat
på han og kysste han, og med ubljug uppsyn sagde
ho til han: 14 «Eg hev på meg eit gilde-offer, og eg
held min lovnad i dag. 15 Difor gjekk eg ut imot deg,
vilde leita deg upp, og eg fann deg. 16 Mi seng hev eg
reidt med tæpe, med egyptiske roselakan. 17 Eg hev
skvett utyver mi lega myrra, aloe og kanel. 18 Kom til
ein kjærleiks rus alt til morgons, lat oss hyggja oss
saman i elskhug! 19 For mannen er ikkje heime, han
er på ferd langt burte, 20 pengepungen tok han med
seg, ved fullmånetid kjem han heim.» 21 Ho fekk lokka
han med all si sterke fyreteljing, forførde han med sine
sleipe lippor. 22 Han fylgjer henne straks, som ein
ukse gjeng til slagt, som i fotjarn til tukt for dåren, 23
til dess pili kløyver hans livr, som fuglen skundar til
snara og veit ikkje at det gjeld livet. 24 Og no, søner,
høyr på meg, og lyd på det munnen min talar! 25 Ei
vende du hjarta til hennar vegar, vimra ikkje på hennar
stigar! 26 For mange med ulivssår hev ho felt, og stort
er talet på deim ho hev drepe. 27 Hennar hus er vegar
til helheim, dei gjeng ned til daudens kot. **(Sheol h7585)**

**8** Høyr kor visdomsmøyi ropar, og vitet høgmælt talar!
2 Uppe på haugar ved vegen, der stigarne møtest,
stend ho, 3 attmed portarne ut or byen, ved døra-
inngangen ropar ho høgt: 4 «Godtfolk, eg ropar på
dykk, og til mannsborni ljomar mi røyst. 5 Fåkunnige,
lær dykk klokskap, og de dårar, vinn dykk vit! 6 Høyr, eg
talar gjæve ord, og ærlegt er det som lipporne segjer;
7 ja, sanning talar min gom, og lipporne styggjest ved
gudløysa. 8 Alle ord i min munn er rette, det finst ikkje
fult eller falskt i deim. 9 Dei er alle sanne for den kloke
og rette for deim som fann kunnskap. 10 Tak då min
age heller enn sylv og kunnskap framfyre utvalt gull!
11 For visdom er betre enn perlor, og av alle skattar
er ingen som denne. 12 Eg, visdomen, skyner meg
på klokskap, og vit på rådleggjing hev eg. 13 Otte for
Herren er hat til det vonde; stormod og storlæte, åtferd
stygg, og ein munn full av fals eg hatar. 14 Hjå meg
er råd og dug, eg er vit, hjå meg er magt. 15 Eg gjer
at kongar råder, og at hovdingar dømer rett. 16 Eg
gjer at styrarar styrer og fyrstar - alle domarar på jordi.
17 Eg elskar deim som meg elskar, og dei som leitar
meg upp, skal meg finna. 18 Rikdom og æra er hjå
meg, gamalt gods og rettferd. 19 Mi frukt er betre enn
gull, ja skiraste gullet, og den vinning eg gjev, er betre
enn utvalt sylv. 20 Eg gjeng på rettferds veg, midt på
rettvise-stigar, 21 For eg vil gjeva gods åt deim som
elskar meg og fylla deira forråd. 22 Herren skapte meg
til fyrste verket sitt, fordom fyrr han gjorde noko anna.
23 Alt frå æva er eg innsett, frå upphavet, fyrr jordi vart
til. 24 Fyrr djupi var til, vart eg fødd, då det ei fanst
kjeldor fulle med vatn, 25 fyrr fjelli var søkkte ned,

fyre haugar vart eg fødd, **26** fyrr han skapte jord og
mark og den fyrste moldklump i verdi. **27** Då han laga
himmelen, var eg der, då han slo kvelv yver djupet. **28**
Då han feste skyerne i det høge, då kjeldorne fossa
fram or djupet, **29** då han sette grensa for havet,
so vatnet ei gjekk lenger enn han baud, då han la
grunnvollar for jordi, **30** då var eg verksmeister hjå han
og var til hugnad for han dag etter dag, eg leika meg
stødt for hans åsyn. **31** Eg leika på heile jordkringen
hans og hadde min hugnad i manneborni. **32** Og no,
born, høyr på meg! Sæle er dei som held mine vegar.
**33** Høyr på tukt og vert vise, og slepp ho ikkje ifrå dykk!
**34** Sæl den mann som høyrer på meg, so han dagstødt
vaker ved dørerne mine og vaktar dørstokkarne mine.
**35** For den som finn meg, finn livet og fær velsigning
frå Herren. **36** Men den som missar meg, skader seg
sjølv, og alle som hatar meg, elskar dauden.»

**9** Visdomsmøyi hev bygt seg hus, hev hogge til sine
stolpar sju. **2** Ho hev slagta sitt slagt og blanda sin
vin og attåt duka sitt bord. **3** Sine ternor hev ho sendt
ut, og ropar ovan frå haugarne i byen: **4** «Den som
er fåkunnig, vende seg hit!» Til den vitlause segjer
ho: **5** «Kom, og et av mitt brød og drikk av den vin eg
hev blanda!» **6** Lat fåkunna fara so de kann liva og
vandra på vegen til vit! **7** Den som refser ein spottar,
fær skam yver seg, den som lastar ein gudlaus, fær
seg ein flekk. **8** Lasta'kje spottaren, han vil hata deg!
Lasta den vise, han vil elska deg! **9** Gjev ein vismann,
so aukar hans visdom, lær ein rettferdig, so lærar han
meir. **10** Otte for Herren er upphav til visdom, og vit er
å kjenna den Heilage. **11** «For ved meg dine dagar
skal aukast, og fleire livs-år fær du.» **12** Er du vis, so
gagnar det deg sjølv, spottar du, so lyt du bera det
åleine. **13** Fru dårskap fer med ståk, fåkunnig som ho
er og ingen ting veit. **14** Ho sit attmed husdøri si, på ein
stol høgt uppe i byen, **15** og bed inn dei som ferdast
på vegen, som gjeng sine stigar beint fram: **16** «Den
som er fåkunnig, vende seg hit!» Ja, til den vitlause
segjer ho: **17** «Stole vatn er søtt, og ljuvlegt er løyn-
ete brød.» **18** Og han veit'kje at der bur daudingar, at
hennar gjester er i helheims djup. **(Sheol h7585)**

**10** Ordtøke av Salomo. Ein vis son er til gleda for
far sin, men ein dårleg son er mor si til sorg. **2**
Ragn-fegne skattar gagnar inkje, men rettferd frelser
frå dauden. **3** Herren let ikkje rettferdig mann hungra,
men giren hjå gudlause viser han burt. **4** Lat-hand
skaper armod, men strevsam hand gjer rik. **5** Ein
klok son sankar um sumaren, ein skjemdar-son søv
um hausten. **6** Velsigningar kjem yver hovudet på
den rettferdige, men munnen åt dei gudlause gøymer
vald. **7** Minnet um den rettferdige ert til velsigning,
men namnet åt dei gudlause morknar. **8** Den vise tek
imot påbod, men gapen gjeng til grunns, **9** den som
ferdast i uskyld, ferdast trygt, men den som gjeng
krokvegar, skal verta kjend. **10** Den som blinkar med
auga, valdar vondt, men gapkjeften gjeng til grunns.
**11** Rettferdig manns munn er ei livsens kjelda, men
munnen åt gudlause gøymar vald. **12** Hat yppar trætta,
men kjærleik breider yver alle brot. **13** På vitug manns
lippor er visdom å finna, men riset høver åt ryggen på
dåren. **14** Dei vise gøymer kunnskapen sin, men or
narremunn kann ein venta fåre. **15** Rikmanns eiga er
hans faste by; fatigfolks ulukka er deira armod. **16** Det
den rettferdige tener, gjeng til liv, det den gudlause
vinn, gjeng til synd. **17** Den som på tukt tek vare, gjeng
til livet, men den fer vilt som ikkje agtar age. **18** Den
som løyner hat, hev ljugarlippor, og den som breider
ut baktale, er ein dåre. **19** Der d'er mange ord, vil
synd ikkje vanta, men den som set lås for lipporn', er
klok. **20** Rettferdig manns tunga er utvalt sylv, men
gudløysings vit er lite verdt. **21** Rettferdig manns lippor
læskar mange, men dårarne døyr for dei vantar vit. **22**
D'er Herrens velsigning som gjer rik, og eige stræv
legg inkje til. **23** Dåren finn moro i skjemdarverk, men
den vituge mannen i visdom. **24** Det den ugudlege
gruar for, kjem yver han, og det rettferdige ynskjer,
vert deim gjeve. **25** Der stormen hev fare, er den
gudlause burte, men den rettvise stend på æveleg
grunn. **26** Som edik er for tennerne og røyk for augo,
so er letingen for den som sender han. **27** Otte for
Herren lengjer livet, men gudløysings år vert stytte. **28**
Rettferdige kann venta gleda, men voni åt gudlause
vert til inkjes. **29** Herrens veg er vern for den skuldfri,
men øydeleggjing for illgjerningsmenner. **30** Rettferdig
mann skal aldri rikkast, men gudlause skal ei få bu i
landet. **31** Rettferdig manns munn ber visdoms frukt,
men avskori vert den falske tunga. **32** Rettferdig manns
lippor søkjer hugnad, men munnen på gudlause berre
fals.

**11** Falsk vegt er fæl for Herren, men full vegt likar
han godt. **2** Kjem stormod, so kjem og skam,
men smålåtne, dei hev visdom. **3** Dei ærlege hev si
uskyld til førar, men fals slær sin herre på hals. **4** Gods
hjelper ikkje på vreidens dag, men rettferd frelser frå
dauden. **5** Ærleg manns rettferd jamnar hans veg, men
den gudlause stuper ved gudløysa si. **6** Ærlege folk
ved si rettferd vert frelste, men dei falske vert fanga i
eigen gir. **7** Når ugudleg mann døyr, er det ute med
voni; og vondskaps venting til inkjes vert. **8** Rettferdig
vert fria or trengsla, og ugudleg kjem i hans stad. **9**
Den skamlause tyner sin granne med munnen, men
rettferdige friar seg ut med sin kunnskap. **10** Gjeng
det godt med rettferdige, fegnast byen, vert gudlause

tynte, syng folk av gleda. **11** Med velsigning frå ærlege
folk kjem byen seg upp, men gudlause munn bryt han
ned. **12** Vitlaus er den som vanvyrdar sin granne, men
vitug mann tegjer stilt. **13** Den som fer med drøs, ber
løynråd ut, men den hjarte-trugne løyner saki. **14** Der
inkje styre er, lyt folket falla, men der dei rådvise er
mange, der er frelsa. **15** Borgar du for framand, er
du ille faren, men han er trygg som hatar handtak.
**16** Ei yndefull kvinna vinn æra, og valdsmenner vinn
seg rikdom. **17** Ein godhjarta mann gjer vel mot si
sjæl, men ein hardhjarta mann fer vondt med sitt eige
kjøt. **18** Den ugudlege vinn seg ei sviksam løn, men
den som rettferd sår, fær varig løn. **19** Stend du fast i
rettferd, vinn du liv, men fer du etter vondt, då fær du
daude. **20** Dei range i hugen hev Herren ein stygg
til, men han likar deim som ulastande ferdast. **21** Det
kann du gjeva handi på, den vonde vert'kje urefst, men
ætti åt rettferdige slepp undan. **22** Som ein gullring i eit
grisetryne er ei fager kvinna utan vit. **23** Det rettferdige
ynskjer, vert berre godt, det som gudlause vonar, vert
til vreide. **24** Ein strår ut og fær endå meir, ein annan
vert arm av usømeleg sparing. **25** Den som velsignar,
skal trivast, og kveikjer du andre, vert sjølv du kveikt.
**26** Ein kornflår, honom bannar folket, men signing kjem
yver den som sel korn. **27** Den som strævar etter godt,
han søkjer hugnad, men den som leitar etter vondt,
han fær det yver seg. **28** Den som lit på sin rikdom,
han skal stupa, men rettferdige grønkar som lauv. **29**
Den som øydar sitt hus, skal erva vind, og narren
vert træl åt den kloke. **30** Rettferdig manns frukt er eit
livsens tre, og sjæler vinn den vise. **31** Du ser rettferdig
mann fær vederlag på jordi, kor mykje meir då den
ugudlege og syndaren!

**12** Den som elskar age, elskar kunnskap, men den
som hatar refsing, han er fåvis. **2** Den gode vinn
seg hugnad hjå Herren, men den meinsløge fordømer
han. **3** Ingen mann vert stød av gudløysa, men roti åt
rettferdige kann ingen rikka. **4** Ei fagna kona er ein
krans for mannen sin, eit skjemda ting er fæl som ròt i
beini hans. **5** Tankar hjå rettferdige tenkjer er det som
rett er, dei råder som ugudlege legg upp, er svik. **6** Ordi
hjå ugudlege gjeng ut på luring etter blod, men ærlege
vert berga ved sin munn. **7** Ugudlege vert kasta i koll,
og so er det ute med deim, men rettferdige folks hus
stend fast. **8** Ein mann fær ros alt etter som vitet hans
er, men den ranglyndte kjem i vanvyrdnad. **9** Betre
småmann med ein tenar enn låst vera storkar og ikkje
ha mat. **10** Den rettferdige veit korleis buskapen har
det, men hardt er hjarta hjå ugudlege folk. **11** Den som
dyrkar si jord, fær mette av brød, den som fer etter
fåfengde ting, er fåvis. **12** Ein gudlaus hev hug til vonde
folks garn, men roti åt rettferdige gjev frukt. **13** Lippe-
synd er snara vond, men den rettferdige slepp ut or
trengsla. **14** Av sin munns frukt fær ein mann sin gode
mette, og eit menneskje fær att det han hev gjort med
sine hender. **15** Uvitingen held sin eigen veg for den
rette, men den vise høyrer på råd. **16** Når uvitingen er
vreid, vert det kjent same dagen, men den kloke løyner
skjemsla. **17** Den som andar ærlegskap, segjer det
som rett er, men det falske vitnet talar svik. **18** Mang ein
fer med svall som sverdstyng; men tunga åt dei vise,
ho er lækjedom. **19** Sanningslippa held seg æveleg,
men falske tunga berre i ein augneblink. **20** Svik er i
deira hjarta som smider vondt i hop, men dei som rå'r
til fred, hev gleda. **21** Inkje vondt den rettferdige råkar,
men gudlause fær ulukka i fullaste mål. **22** Ei stygja for
Herren er ljugarlippor, men han likar deim som fer fram
med truskap. **23** Ein klok mann løynar kunnskap, men
dåre-hjarta ropar ut vitløysa. **24** Strævsam hand kjem
upp til herrevelde, men leta fører til trældom. **25** Sorg i
mannens hjarta bøygjer det ned, men eit godt ord gjev
det gleda. **26** Den rettferdige rettleider næsten sin,
men vegen åt gudlause fører deim vilt. **27** Letingen
steikjer ikkje si veidn, men annsemd er rikdom so dyr
for menneskja. **28** På rettferds stig er liv, og gonga på
vegen gjeng ikkje til dauden.

**13** Den vise son let seg aga av far sin, men spottaren
høyrer ikkje på skjenn. **2** Sjølv fær ein godt av
den frukt som munnen ber, men hugen åt svikarar
stend etter vald. **3** Den som agtar munnen sin, varar si
sjæl, men gapen fær seg ei ulukka. **4** Hugen i letingen
lyster og fær ikkje noko, hugen i strævsame folk fær
rikleg mette. **5** Den rettferdige hatar ljugarord, men den
gudlause fer stygt og skamleg åt. **6** Rettferd varar den
som fer ulastande, men gudløysa feller den som gjer
synd. **7** Mang ein ter seg rik og eig då inkje, ein annan
ter seg fatig og eig mykje. **8** Mannsens rikdom er ein
løysepeng for livet hans, men fatigmannen fær inkje
trugsmål høyra. **9** Ljoset åt dei rettferdige brenn lystigt,
men lampa åt ugudlege vil slokna. **10** Med ovmod veld
ein berre trætta, men hjå deim som tek mot råd, er
visdom. **11** Lettfengen rikdom minkar, men sankar du
smått um senn, fær du meir og meir. **12** Langdrøg von
gjer hjarta sjukt, men uppfyllt ynskje er eit livsens tre.
**13** Den som vanvyrder ordet, tyner seg sjølv, men den
som ottast bodordet, fær løn. **14** Vismanns læra er
livsens kjelda, so ein slepp undan frå daudesnaror.
**15** Godt vit gjev manntekkje, men hard er vegen som
svikarar gjeng. **16** Kvar som er klok, fer fram med
vit, men ein dåre briskar seg med dårskap. **17** Ein
gudlaus sendemann fell i ulukka, men trufast bodberar
er lækjedom. **18** Armod og skam fær den som viser
age ifrå seg, men den som agtar på refsing, vinn æra.

19 Uppfyllt ynskje er søtt for sjæli, men å vika frå vondt
er ei gruv for dårar. 20 Gakk saman med dei vise, so
vert du vis, men ilag med dårar gjeng det deg ille. 21
Ulukka forfylgjer syndarar, men rettferdige fær godt
til løn. 22 Den gode let etter seg arv til barneborn,
men det syndaren eig, er gøymt åt den rettferdige.
23 Fatigfolks nybrot gjev rikeleg føda, men mang ein
vert tynt ved urettferd. 24 Den som sparer riset sitt,
hatar son sin, men den som elskar han, tuktar honom
tidleg. 25 Rettferdige hev mat til å metta seg på, men
gudlause gjeng med magen tom.

14 Kvinnevisdom byggjer huset sitt, men dårskap
riv det ned med henderne. 2 Den som ottast
Herren, fer ærleg fram, men krokvegar gjeng den som
vanvyrder honom. 3 I narrens munn er ovmods ris,
men dei vise hev lipporne sine til vern. 4 Utan uksar er
krubba tom, men når stuten er sterk, vert innkoma stor.
5 Ikkje lyg eit ærlegt vitne, men det falske vitne andar
lygn. 6 Spottaren søkjer visdom, men fåfengt, men
lett finn den skynsame kunnskap. 7 Gakk burt frå ein
dåre, ei fekk du der merka lippor med kunnskap. 8
Klok manns visdom er: han skynar vegen sin, men
dåre-narreskapen er: dei svik seg sjølv. 9 Dårar fær
spott av sitt eige skuldoffer, men millom ærlege folk er
godhug. 10 Hjarta kjenner si eigi sorg, og gleda legg
ingen framand seg uppi. 11 Gudlause folk fær sitt hus
lagt i øyde, men ærlege folk ser tjeldet sitt bløma. 12
Mang ein veg tykkjer folk er rett, men enden på honom
er vegar til dauden. 13 Jamvel midt i låtten kjenner
hjarta vondt, og enden på gleda er sorg. 14 Av åtferdi
si skal den fråfalne mettast, og ein god mann held seg
burte frå han. 15 Den einfalde trur kvart ordet, men
den kloke agtar på sine stig. 16 Den vise ottast og
held seg frå vondt, men dåren er brålyndt og trygg. 17
Bråsinna mann gjer narreverk, og meinsløg mann vert
hata. 18 Einfalde erver dårskap, men dei kloke fær
kunnskap til krans. 19 Vonde skal bøygja seg for dei
gode, og gudlause ved portarne til den rettferdige. 20
Ein fatig vert hata av venen sin jamvel, men ein rik vert
elska av mange. 21 Vanvyrder du næsten din, syndar
du, men sæl den som ynkast yver armingar. 22 Skal
ikkje dei fara vilt som finn på vondt, og miskunn og
truskap timast deim som finn på godt? 23 Alt stræv
fører vinning med seg, men tome ord gjev berre tap.
24 Rikdomen er for dei vise ei krans, men narreskapen
hjå dårar er narreskap. 25 Eit sanningsvitne bergar liv,
men den som andar lygn, er full av svik. 26 Den som
ottast Herren, hev ei borg so fast, og for hans born
det finnast skal ei livd. 27 Otte for Herren er livsens
kjelda, so ein slepp undan daudesnaror. 28 Mykje folk
er konungs prydnad, men folkemink er hovdings fall.
29 Langmodig mann hev mykje vit, men bråhuga mann
syner narreskap. 30 Spaklyndt hjarta er likamens liv,
men ilska er ròt i beini. 31 Trykkjer du armingen, spottar
du skaparen hans, men du ærar skaparen når du er
mild mot fatigmann. 32 I ulukka si lyt den gudlause
stupa, men den rettferdige hev trygd når han skal døy.
33 I hjarta på den vituge held visdomen seg still, men
hjå dårar ter han seg fram. 34 Rettferd upphøgjer eit
folk, men syndi er skam for folki. 35 Kongen likar godt
den kloke tenar, men harmast på den som skjemmer
seg ut.

15 Mildt svar døyver harm, men eit kvast ord vekkjer
vreide. 2 Tunga åt vismenner gjev god kunnskap,
men narreskap gøyser or munnen på dårar. 3 Allstad
hev Herren augo sine, dei ser etter vonde og gode. 4
Linnmælt tunga er livsens tre, men range tunga gjev
hjartesår. 5 Ein uviting vanvyrder far sin's age, men
den som agtar på refsing, vert klok. 6 Rettferdig manns
hus eig stor rikdom, men d'er ugreida med ugudleg
manns inntekt. 7 Vismanns-lippor strår ut kunnskap,
men so er ei med dårehjarta. 8 Gudløysings offer
er ei gruv for Herren, men bøn frå ærlege han likar
godt. 9 Gudløysings veg er ei gruv for Herren, men
han elskar den som renner etter rettferd. 10 Hard
refsing fær den som gjeng ut av vegen, den som hatar
age, skal døy. 11 Helheim og avgrunn ligg i dagen for
Herren, kor mykje meir då menneskje-hjarto. **(Sheol
h7585)** 12 Spottaren likar ikkje at ein lastar honom, til
vismenner gjeng han ikkje. 13 Gladværugt hjarta gjer
andlitet ljost, men modet vert brote i hjartesorg. 14
Vitug manns hjarta søkjer kunnskap, men dåremunn
fer berre med narreskap. 15 Alle ein armings dagar er
vonde, men den glade i hjarta hev gjestebod alltid.
16 Betre er lite med otte for Herren enn eigedom stor
med uro attåt. 17 Betre ei nista av kål med kjærleik til
enn gjødde uksen med hat attåt. 18 Brålyndt mann
valdar trætta, men den toluge stiller kiv. 19 Vegen for
letingen er som eit klungergjerde, men stigen er brøytt
for dei ærlege. 20 Ein vis son gjer far sin gleda, men
eit dårlegt menneskje vanvyrder mor si. 21 Dårskap
er gleda for vitlaus mann, men ein vitug mann gjeng
beint fram. 22 Råder vert til inkjes utan rådleggjing,
men med mange rådgjevarar kjem dei i stand. 23
Mannen gled seg når munnen kann svara, og eit ord i
rette tid, kor godt det er! 24 Den vituge gjeng livsens
veg uppetter, for han vil sleppa burt frå helheimen
der nede. **(Sheol h7585)** 25 Herren riv huset ned for dei
ovmodige, men for enkja let han merkesteinen standa.
26 Vonde tankar er ei gruv for Herren, men milde ord er
reine. 27 Den vinnekjære fær sitt hus i ulag, men den
som hatar mutor, han skal liva. 28 Rettferdig tenkjer

i sitt hjarta korleis han skal svara, men gudlause let
vondskap gøysa ut or munnen. 29 Langt er Herren
burte frå dei gudlause, men bøni frå rettferdige han
høyrer. 30 Ljos i augo hjarta gled, tidend god gjev
merg i beini. 31 Det øyra som høyrer på rettleiding
til livet, held seg gjerne med vismenn i lag. 32 Den
som vandar age, vanvyrder si sjæl, den som høyrer på
rettleiding, vinn seg vit. 33 Otte for Herren er age til
visdom, og fyre æra gjeng andmykt.

**16** Hjartans rådleggjing høyrer menneskja til, men
tunga fær svaret frå Herren. 2 Kvar mann tykkjer
at hans eigi ferd er rein, men det er Herren som prøver
ånderne. 3 Legg verki dine på Herren, so skal tankarne
dine få framgang. 4 Herren hev gjort kvar ting til sitt
endemål, ogso den ugudlege til uferdsdagen. 5 Kvar
ovmodig er ei gruv for Herren, du kann vera viss, han
skal'kje verta urefst. 6 Med kjærleik og truskap vert
misgjerning sona ut, med otte for Herren flyr ein frå
det vonde. 7 Når Herren likar ferdi åt ein mann, so let
han jamvel fiendarne halda fred med honom. 8 Betre
er lite med rettferd enn innkomor store med urett. 9
Mannsens hjarta tenkjer ut sin veg, men Herren styrer
hans stig. 10 Gudsord er på konungs lippor, i domen
skal hans munn ei gjera mistak. 11 Rett vegt og rette
vegtskåler høyrer Herren til, hans verk er alle lodd
i pungen. 12 Ugudleg åtferd er ein styggedom for
kongar, for truna stend trygt ved rettferd. 13 Kongen
likar rettferdige lippor, dei elskar den som segjer det
som er rett. 14 Konungs vreide er daude-bod, men ein
vismann stiller vreiden. 15 I ljos frå konungs åsyn er
det liv, og hans godhug er som ei regnsky um våren.
16 Å vinna visdom - kor mykje betre er det ei enn gull!
Å vinna vit er meire verdt enn sylv. 17 Den vegen dei
ærlege gjeng, er å fly frå vondt, den som agtar på
sin veg, han varar si sjæl. 18 Fyre undergang gjeng
ovmod, og stormod fyre fall. 19 Betre er med armingar
å vera audmjuk enn skifta herfang med ovmodige. 20
Den som agtar på ordet, skal finna lukka, den som
lit på Herren - sæl er han! 21 Den vise i hjarta vert
kalla vitug, og søtleik på lipporne aukar lærdom. 22
Klokskap er livsens kjelda for deim som eig han, men
fåvit er refsing for fåvise folk. 23 Vismanns hjarta gjer
munnen hans vitug og aukar læra på lipporne hans. 24
Milde ord er honningdropar, søte for sjæli og lækjedom
for beini. 25 Mang ein veg tykkjer folk er rett, men
enden på honom er vegar til dauden. 26 Vinne-kars
hunger onnar for honom, for hans eigen munn driv på.
27 Ein låk mann grev ei ulukke-grav, og det logar som
eld på lipporne hans. 28 Ein ranglyndt mann yppar
trætta, og den som ber drøs, skil ven frå ven. 29 Ein
valdsmann lokkar næsten sin, og leider han inn på
ein veg som ei er god. 30 Den som let augo att, vil
tenkja range tankar, den som knip lipporne i hop, set
vondt i verk. 31 Grå hår er fager krans! Han er å vinna
på rettferds veg. 32 Ein tolug mann er betre enn ei
kjempa, og den som styrer hugen sin, stend yver den
som tek ein by. 33 Dei kastar terningen i fanget, men
all hans avgjerd kjem frå Herren.

**17** Betre er ein turr brødmole med ro attåt enn huset
fullt av høgtidskost med trætta til. 2 Den kloke
tenar skal råda yver ein uvisleg son, og millom brøder
fær han skifta arv. 3 Diglen røyner sylvet og omnen
gullet, men den som røyner hjarto, det er Herren. 4
Den vonde lyder på vondskapslippa, ljugaren lyder på
tyningstunga. 5 Spear du den fatige, so spottar du
hans skapar, den som gled seg yver ulukka, skal få si
refsing. 6 Ein krans for dei gamle er barneborn, og ei
æra for borni er federne deira. 7 Det høver ikkje for ein
dåre å tala store ord, enn mindre for ein fagnamann å
ljuga. 8 Gåva er ein glimestein for den som fær ho;
kvar ho vender seg, der fær ho framgang. 9 Søkjer du
kjærleik, skyler du misgjerd, men riv du upp att ei sak,
skil ven frå ven. 10 Vondord gjer meir på den vituge
enn hundrad hogg på dåren. 11 Berre upprør søkjer
den vonde, men ein hard bodberar vert send imot han.
12 Møt heller ei binna som hev mist sine ungar enn ein
dåre med narreskapen hans! 13 Den som løner godt
med vondt, frå hans hus skal ikkje det vonde vika. 14
Å taka til med strid er som å sleppa vatn ut, haldt difor
upp med trætta fyrr nokon gliser med tennerne! 15
Den som frikjenner ein ugudleg og den som domfeller
ein rettferdig, dei er båe tvo ein styggedom for Herren.
16 Kva skal pengar i handi på dåren? Å kjøpa visdom
hev han'kje vit til. 17 Venen elskar alltid, og bror vert
fødd til hjelp i naud. 18 Ein vitlaus mann er den som
handtekst, som gjeng i borg hjå grannen sin. 19 Den
som elskar trætta, elskar misgjerning, den som byggjer
døri si høg, søkjer fall. 20 Den som hev eit rangt
hjarta, vinn ikkje lukka, og den som forvender tunga si,
fell i ulukka. 21 Den som avlar eit narr, fær sorg, og
ikkje gled seg far til ein dåre. 22 Gladværugt hjarta
gjev lækjedom god, men nedslege mod fær beini te
visna. 23 Gudlaus mann tek gåva i løynd til å bøygja
rettargangen. 24 Den vituge hev visdom for augo, men
dåren hev augo ved heimsens ende. 25 Uvitug son er
til gremme for far sin, og beisk sorg for henne som
fødde'n. 26 Det er'kje godt at og rettferdige fær refsing,
og ei at fagna folk fær slag for det som rett er. 27 Den
skynsame sparer på ordi, og den vituge mann er kald i
hugen. 28 Um dåren tagde, gjekk han og for vismann,
og for ein vitug mann når han heldt munn.

**18** Einstødingen søkjer det han sjølv er huga på,
mot alle kloke råder glefser han. **2** Dåren bryr seg
ikkje um å vera vitug, men vil berre visa kva som bur i
honom. **3** Kjem ein ugudleg, so kjem og vanvyrdnad,
og med skam fylgjer spott. **4** Ordi i ein manns munn
er djupe vatn, fløymande bekkjer, visdoms kjelda. **5**
D'er'kje godt når ein gjev den gudlause medhald og
rengjer rettferdig manns rett. **6** Dåre-lippor kjem uppi
trætta, og munnen hans ropar etter slag. **7** Dåre-munn
er til ulukka for han sjølv, og lipporne er ei snara for
hans sjæl. **8** Baktalar-ord er som lostemat, dei glid so
godt ned i livet. **9** Den som er lat i arbeidet sitt, han er
og bror til øydaren. **10** Herrens namn er eit tårn so
sterkt, der flyg den rettferdige inn og vert berga. **11**
Rikmanns eiga er hans faste by, som høge muren i
hans eigne tankar. **12** Fyre fall er mannsens hjarta
stolt, men fyre æra gjeng audmykt. **13** Um nokon
svarar fyrr han høyrer, vert det til narreskap og til
skam for honom. **14** Manns mod ber uppe i sjukdom,
men brote mod, kven kann bera det? **15** Vitug manns
hjarta kjøper kunnskap, og øyra åt vismenner søkjer
kunnskap. **16** Gåva opnar mannen veg og fører han
fram til storfolk. **17** Den som fyrst legg fram si sak, fær
rett, men so kjem motparten og granskar honom. **18**
Lutkasting endar trettor og skil millom megtige menner.
**19** Hev ein bror lide urett, er han verre å vinna enn
ein festningsby, og trættor er som stengsa for eit slott.
**20** Mannen fær magen sin mett av frukti or munnen
sin, av grøda frå lipporne vert han mett. **21** Tunga hev
daude og liv i sitt vald, dei som elskar henne, skal eta
hennar frukt. **22** Den som hev funne ei kona, hev funne
lukka og hev fenge ei nådegåva av Herren. **23** Den
fatige bed og barmar seg, men den rike svarar med
harde ord. **24** Ein mann med mange vener gjeng det
ille, men ven kann vera trugnare enn nokon bror.

**19** Betre er ein fatigmann som ferdast lytelaust enn
ein mann med range lippor som attpå er ein
dåre. **2** Den som er tankelaus i hugen, gjeng det gale,
og den som stig for fort med føterne, han stig i miss. **3**
Mannsens eigi vitløysa fører til fall, men han harmast i
sitt hjarta på Herren. **4** Velstand samla mange vener,
men fatigmann vert skild frå venen sin. **5** Det falske
vitnet skal'kje verta urefst, og den som andar lygn, skal
ikkje sleppa undan. **6** Mange smeikjer den gjæve, og
kvar mann er ven med den rauste. **7** Fatigmanns brør
hatar honom alle, enn meir dreg hans vener seg burt
frå honom. Han fer etter ord som er inkjevetta. **8** Den
som elskar si sjæl, han vinn seg vit, den som vaktar sitt
skyn, skal finna lukka. **9** Det falske vitnet skal'kje verta
urefst, og den som andar lygn, skal tynast. **10** Det
høver ei for dåren å hava gode dagar, enn mindre for
ein træl å råda yver hovdingar. **11** Mannsens klokskap
gjev honom tol, og det er hans æra å tilgjeva brot. **12**
Konungs harm er som når løva burar, men godhugen
hans er som dogg i graset. **13** Ein dårleg son er reint
ei ulukka for far sin, og kjerringtrætta er som si-drop
frå taket. **14** Hus og gods er fedre-arv, men frå Herren
kjem ei vitug kona. **15** Leta svæver tungt i svevn, og
letingen skal svelta. **16** Den som tek vare på bodet,
tek vare på sitt liv, den som ei ansar si åtferd, skal
missa livet. **17** Den som gjer miskunn mot armingen,
låner til Herren, og av honom fær han vederlag for si
velgjerning. **18** Aga son din, for endå er det von, men
lat deg ikkje driva til å drepa honom. **19** Den som er
svært sinna, lyt bøta for det, for um du hjelper han, du
gjer vondt verre. **20** Høyr på råd og lat deg aga, so du
til slutt kann verta vis. **21** Mange tankar er i mannsens
hjarta, men Herrens råd fær framgang. **22** Mannsens
miskunn er hans gode vilje, og fatig man er betre enn
ein som lyg. **23** Otte for Herren fører til liv, mett fær
ein kvila og vert ikkje heimsøkt med vondt. **24** Stikk
den late si hand i fatet, so idest han ei ta ho upp att til
munnen. **25** Slær du spottaren, so vert uvitingen klok,
og agar du den vituge, so fær han vit på kunnskap. **26**
Den som er vond med far sin og jagar mor si burt, han
er ein son til skam og skjemd. **27** Høyr ikkje soleis på
refsing, son min, at du villar deg burt frå kunnskaps
ord! **28** Eit nidings-vitne spottar det som rett er, og
munnen på gudlause gløyper urett. **29** Refsingsdomar
er ferdige for spottaren og slag for ryggen på dårar.

**20** Vinen er ein spottar, rusdrykken ein ståkar, ingen
som tumlar av honom, er vis. **2** Den rædsla
kongen vekkjer, er som løveburing, den som fær hans
vreide på seg, set livet sitt på spel. **3** Mannsens æra
er å halda seg frå trætta, men kvar uviting glefser
til. **4** Letingen pløgjer ikkje um hausten, i skurdonni
leitar han fåfengt etter grøda. **5** Råd i mannsens hjarta
er som vatn i djupet, men ein skynsam mann kann
draga det upp. **6** Mest kvar mann råkar ein som elskar
honom, men kven finn ein som er å lita på? **7** Den som
ferdast ulastande og er rettferdig, sæle er borni hans
etter honom. **8** Ein konge som sit på domarstol, skil
ut alt vondt med augo sine. **9** Kven kann segja: «Eg
hev halda hjarta reint og er fri frå syndi mi?» **10** Tvo
slag vegt og tvo slag mål er båe tvo ein styggedom
for Herren. **11** Alt guten syner i si gjerd um ferdi hans
vert rein og rett. **12** Øyra som høyrer og auga som
ser - Herren hev skapt deim båe tvo. **13** Elska ikkje
svevn, for då vert du fatig, haldt augo uppe, so fær du
brød til mette. **14** «Klent, klent!» segjer kjøparen, men
når han gjeng burt, so rosar han seg. **15** Vel finst det
gull og mange perlor, men dyraste gogni er lippor med
kunnskap. **16** Tak klædi hans! for han hev borga for
ein annan, og panta honom for framande! **17** Søtt er

for mannen det brød han hev fenge med fals, men
sidan vert munnen hans full av småstein. **18** Råder
vert stødige med rådleggjing, få då klok styring når
du fører krig! **19** Den som fer med drøs, ber løynråd
ut, og gapen skal du ikkje hava noko med. **20** Den
som bannar far og mor, hans lampa skal slokna i
kolmyrkret. **21** Ein arv som ein i fyrstundes er for fus
på, vert på slutten utan velsigning. **22** Seg ikkje: «Eg
vil løna med vondt!» Venta på Herren, han vil hjelpa
deg. **23** Tvo slag vegt er ein styggedom for Herren,
og den falske skålvegt er ikkje god. **24** Frå Herren
kjem mannsens stig, og kor kann eit menneskje skyna
sin veg? **25** Fårlegt er det for eit menneskje å vigsla
eitkvart tankelaust, og fyrst granska lovnaden etterpå.
**26** Ein vis konge skil ut dei gudlause og let hjulet ganga
yver deim. **27** Menneskjens ånd er Herrens lampa, og
ho ransakar alle rom i hjarta. **28** Kjærleik og truskap er
vakt um kongen, og han styd sin kongsstol på kjærleik.
**29** Ei æra for ungdomar er deira kraft, og ein prydnad
for dei gamle er grått hår. **30** Svidande sår reinser burt
det vonde, ja, slag reinsar hjartans inste rom.

**21** Konungs hjarta er i Herrens hand som bekkjer,
han vender det kvar helst han vil. **2** Kvar mann
tykkjer at hans eigi ferd er rett, men det er Herren som
prøver hjarto. **3** At folk gjer rett og skil, er meir verdt
for Herren enn offer. **4** Ovmods augo og sjølvgodt
hjarta - lampa åt gudlause folk er synd. **5** Umtanke
hjå den annsame er berre til vinning, men hastverk
berre til tap. **6** Skattevinning med ljugartunga er ein
kvervande pust av deim som søkjer dauden. **7** Den
vald dei gudlause gjer, skal riva deim sjølve burt, for
det som er, vil dei ikkje gjera. **8** Skuldig mann gjeng
krokut veg, men den reine - han gjer si gjerning beint
fram. **9** Betre å bu i ei krå på taket enn å ha sams
hus med trettekjær kvinna. **10** Ugudleg manns sjæl
hev hug til det vonde, hans næste finn ikkje miskunn
hjå honom. **11** Refser du spottaren, vert uvitingen
vis, og lærer du vismannen, tek han mot kunnskap.
**12** Ein rettferdig agtar på gudlause-hus, han støyter
dei gudlause ned i ulukka. **13** Dytter du øyra til for
armings rop, skal sjølv du ropa og ikkje få svar. **14**
Gåva i løyndom stiller vreide, og gjeving i barmen stiller
største harmen. **15** Det er ei gleda for rettferdig mann
å gjera rett, men ei rædsla for illgjerningsmenner. **16**
Den som viller seg burt frå klokskaps veg, han skal
hamna i skuggeheimen. **17** Ein fatigmann vert den
som elskar moro, ei vert han rik som elskar vin og olje.
**18** Den gudlause vert løysepeng for den rettferdige,
og utru kjem i staden for den ærlege. **19** Betre å bu
i eit øydeland enn hjå arg og trættekjær kvinna. **20**
Vismann hev dyre skattar og olje i huset, men uvitingen
øyder det upp. **21** Den som strævar etter rettferd og
miskunn, han skal finna liv og rettferd og æra. **22** Ein
by med kjempor tek vismannen inn, og han bryt ned
den borgi som byen lit på. **23** Den som varar sin munn
og si tunga, han varar si sjæl frå trengslor. **24** Ein
ovmodig og ubljug kallar me spottar, ein som fer fram
med ofselegt ovmod. **25** Lysti åt letingen drep honom
sjølv, for henderne hans vil inkje gjera. **26** Heile dagen
snikjer den snikne, men ein rettferdig gjev og sparer
inkje. **27** Offer frå gudlause er ei gruv, og endå meir
når dei samstundes emnar på ilt. **28** Eit ljugar-vitne
skal ganga til grunns, men ein mann som lyder etter,
skal få tala alltid. **29** Gudlaus mann ter seg skamlaus,
men den ærlege gjeng sine vegar stødigt. **30** Det finst
ingen visdom og inkje vit og ingi råd imot Herren. **31**
Hesten vert budd til herferdsdagen, men sigeren kjem
ifrå Herren.

**22** Eit godt namn er meir verdt enn rikdom stor, og
manntekkje betre enn sylv og gull. **2** Rik og fatig
råkast, Herren hev skapt deim alle. **3** Den kloke ser
fåren og gøymer seg, men fåmingar renner fram og lyt
bøta for det. **4** Løn for spaklynde og otte for Herren er
rikdom og æra og liv. **5** Klunger og snaror er på den
vegen den falske gjeng, den som agtar si sjæl, held
seg burte frå deim. **6** Lær guten etter som guten er, so
vik han ikkje ifrå det, um han vert gamall. **7** Rikmann
rå'r yver fatigfolk, og den som fær lån, vert træl for den
som gjev. **8** Den som sår urett, skal hausta vondt, og
hans ovmods ris fær ein ende. **9** Den godhjarta vert
velsigna, for han gjev sitt brød til armingen. **10** Jaga
spottaren ut, so gjeng trætta med, og for skjemsla og
kiv fær du fred. **11** Den som elskar hjartans reinleik,
den som talar vænt, han hev kongen til ven. **12** Herrens
augo vaktar kunnskap, men ord frå den utrue støyter
han um. **13** Letingen segjer: «Det er ei løva der ute, eg
kunde verta drepen midt på gata.» **14** Ei djup grav
er skjøkjemunn, den som Herren er harm på, skal
falla nedi. **15** Vitløysa heng fast ved hjarta hjå guten,
men tukteriset driv henne burt frå han. **16** Trykkjer
du armingen, vert det honom til vinning, gjev du den
rike, vert det berre til tap. **17** Lut øyra ned og høyr på
ord av vismenn vend hjarta til min kunnskap! **18** For
det er vænt at du deim varar i ditt hjarta; gjev dei må
vera reiduge på dine lippor! **19** Av di du skal lita på
Herren, lærer eg deg i dag, just deg. **20** Hev eg'kje
skrive fyndord til deg med råder og kunnskap **21** til å
kunngjera deg det som rett er, sannings ord, so du
med sannings ord kann svara deim som sender deg?
**22** Plundra ikkje ein fatigmann av di han er fatig, og
tred ikkje armingen ned i porten! **23** For Herren skal
føra saki deira og taka livet deira som tek ifrå deim. **24**
Gjev deg ikkje i lag med ein som snart vert vreid, og
gakk ikkje med ein bråsinna mann, **25** at du ikkje skal

venja deg til hans vegar og få sett ei snara for livet ditt!
26 Ver ei millom deim som gjev handtak, millom deim
som borgar for skuld! 27 Når du inkje hev å betala
med, kvifor skal dei taka sengi di burt under deg? 28
Flyt ikkje gamall merkestein som federne dine hev sett!
29 Ser du ein mann som er dugleg i arbeidet, han skal
tena hjå kongar og ikkje hjå småfolk.

**23** Når du sit til bords hjå ein hovding, so agta vel
på kven du hev fyre deg, 2 og set ein kniv på
strupen din, um mathugen din er stor. 3 Fys ikkje etter
hans lostemat, for det er dårande føda. 4 Mød deg ei
med å verta rik, lat fara den klokskapen din! 5 Lat ei
augo fljuga til det som kverv, for det gjer seg vengjer,
det er visst, som ein ørn som flyg til himmels. 6 Et ikkje
brød hjå den som misunner deg, og fys ikkje etter hans
lostemat! 7 For som han reknar ut i sjæli si, soleis er
han. «Et og drikk!» han segjer til deg, men hjarta hans
er ikkje med deg. 8 For biten din som du hev ete, lyt
du spy upp att, og du hev spilt dine fagre ord. 9 For
øyro på dåren skal du ikkje tala, for han vanvyrder
visdommen i dine ord. 10 Flyt ikkje gamall merkestein,
og kom ei inn på åkrane åt faderlause. 11 For deira
målsmann er sterk, han skal føra saki deira imot deg.
12 Vend hjarta ditt til age og øyro dine til kunnskaps
ord! 13 Lat ikkje guten vera utan age! Slær du han med
riset, skal han ikkje døy. 14 Du slær han med riset, og
sjæli hans bergar du frå helheim. **(Sheol h7585)** 15 Son
min, vert hjarta ditt vist, so gled seg og mitt hjarta,
16 og nyro mine fegnast når lipporn' dine talar det som
rett er. 17 Lat ikkje hjarta ditt misunna syndarar, men
stræva stødt etter gudlegdom. 18 For då er du viss på
ei framtid, og di von skal ei verta til inkjes. 19 Høyr
du, son min, og vert vis, og lat hjarta ditt ganga beint
fram på vegen. 20 Ver ikkje med millom vindrikkarar,
millom deim som foret seg på kjøt. 21 For drikkar og
storetar fatig vert, og svevn gjev fillor for klæde. 22
Høyr på far din som avla deg, og vanvyrd ei mor di når
ho vert gamall! 23 Kjøp sanning og sel henne ikkje,
visdom og age og vit. 24 Storleg fegnast far til den
rettferdige, og den som fær ein vis son, skal få gleda
av han. 25 Lat far din og mor di gleda seg, og ho som
fødde deg, fegnast. 26 Son min, gjev meg hjarta ditt,
og lat dine augo lika vegarne mine. 27 For skjøkja er
som djupe gravi og den framande kona som tronge
brunnen, 28 ja, ho ligg på lur som ein ransmann, og ho
aukar talet på utrue folk. 29 Kven hev sorg? Kven hev
sut? Kven hev dragsmål? Kven hev klagemål? Kven
hev sjølvvalde sår? Kven hev dimsynte augo? 30 Dei
som drygjer lenge hjå vinen, dei som kjem og smakar
på mjøden. 31 Sjå ikkje på vinen kor han raudnar,
kor vænt han smiler i staupet! lett renn han ned. 32
Men sidan han sting som ein slange og høgg som ein
orm. 33 Då skal augo dine sjå rare syner, og hjarta ditt
talar tull og tøv. 34 Du vert som låg du i havsens djup,
eller låg i toppen av mastri. 35 «Dei slo meg, men det
gjorde'kje vondt, dei banka meg, men eg kjende det
ikkje. Når skal eg vakna? Eg vil få tak i endå meir.»

**24** Misunn ikkje vonde menneskje, og hav ikkje hug
til å vera med deim. 2 For hjarta deira tenkjer på
vald, og um ulukka talar lipporne deira. 3 Med visdom
byggjer ein hus, og med vit grunngfester ein det, 4 og
med kunnskap fær ein romi fulle av alle slag dyre og
gilde ting. 5 Ein vis mann er sterk, og ein kunnig er
veldug i kraft. 6 Klok styring skal du bruka når du fører
krig, hev du mange rådvise menn gjeng det godt. 7
Visdom heng for høgt for fåmingen, i porten let han
ikkje upp sin munn. 8 Den som tenkjer på å gjere
vondt, honom kallar me ein fuling. 9 Synd er dårskaps
råd, og spottaren er ei gruv for folk. 10 Misser du modet
når trengsla kjem, då er di kraft for trong. 11 Berga
deim som dei fører til dauden, og dei som vinglar til
rettarstaden, haldt deim att! 12 Um du segjer: «Me
visste det ikkje, ser du, » tru ikkje han som veg hjarto,
skynar det, og han som agtar på sjæli di, veit det, og
han løner mannen etter hans gjerning? 13 Et honning,
son min, for den er god, og sjølvrunnen honning er søt
for din gom. 14 Lær sameleis visdom for sjæli di! Finn
du honom, so hev du ei framtid, og di von skal ikkje
verta til inkjes. 15 Lur ikkje, du gudlause, på rettferdig
manns bustad, legg ikkje heimen hans i øyde! 16 For
sju gonger dett den rettferdige og stend upp att, men
dei gudlause stuper når ulukka kjem. 17 Når din fiend'
fell, so gled deg ikkje, og når han stupar, fegnast ei
ditt hjarta! 18 Elles vil Herren sjå det og mislika det
og venda frå honom vreiden sin. 19 Harmast ei yver
illgjerdsmenner, misunn ikkje dei gudlause! 20 For den
vonde hev ingi framtid; lampa åt gudlause sloknar. 21
Ottast Herren, son min, og kongen! Gakk ikkje i lag
med upprørsmenner! 22 For brått kjem ulukka yver
deim, og kven veit når åri deira fær ein usæl ende? 23
Desse ordi er og av vismenner. Det er ikkje godt når
ein gjer mannemun i domen. 24 Den som segjer til
den skuldige: «Du er uskuldig.» Honom vil folkeslag
banna og folk forbanna; 25 men deim som refsar han,
gjeng det vel, og velsigning av godt kjem yver deim.
26 Ein kyss på lipporne er det når einkvan gjev det
rette svaret. 27 Fullfør yrket ditt ute, og gjer det ferdigt
for deg på marki! Sidan kann du byggja deg hus 28
ver ikkje vitne mot næsten din utan grunn, for du vil
vel'kje svika med lipporne dine? 29 Seg ikkje: «Som
han hev gjort med meg, so vil eg gjera med han. Eg
vil løna mannen etter hans gjerning.» 30 Eg gjekk
framum ein lat manns mark, og vinhagen til eit vitlaust

menneskje, 31 og sjå, han var vaksen full av tistlar,
grunnen var yvergrodd med netlor, og steingarden
kringom var riven ned. 32 Og eg skygnde på det og
agta på det, eg såg det, og denne lærdomen tok eg:
33 «Endå litt soving, endå litt blunding, endå litt kvild
med henderne i kross! 34 So kjem armodi di som ein
farande fant, og naudi som skjoldvæpna mann.»

**25** Dette er og ordtøke av Salomo, og mennerne åt
Hizkia, kongen i Juda, hev samla deim. 2 Guds
ära er å dylja ei sak, og kongars ära å granska ei
sak. 3 Himmel-høgd og jord-dypt og konge-hjarto kann
ingen granska ut. 4 Burt med slagget or sylvet! So fær
gullsmeden ei skål av det. 5 Burt med gudlaus mann
frå kongen! So vert hans kongsstol fast ved rettferd.
6 Briska deg ikkje for kongen, og stell deg ikkje på
storfolks plass. 7 For betre er at dei segjer med deg:
«Stig her upp!» Enn at du vert nedflutt for augo på
fyrsten. Kva so augo dine hev set. 8 Ver ikkje for snar
til å reisa sak; for kva vil du gjera til slutt, når motparten
gjer deg til skammar? 9 Før di sak med grannen din,
men ber ikkje ut ein annan manns løyndom, 10 For
elles vil den som høyrer det, skjella deg ut, og du vil
alltid få låkt ord på deg. 11 Som eple av gull i skåler
av sylv er eit ord som ein talar i rette tid. 12 Som
ein gullring i øyra og sylgja av gull er ein vismann
som refser for høyrande øyra. 13 Som svalande snø
ein skurdonne-dag er ein tru bodberar for deim som
sender han, han kveikjer sjæli åt herren sin. 14 Som
skyer og vind utan regn er ein mann som kyter av
gåvor han ikkje gjev. 15 Tolmod fær domaren yvertald,
og den linne tunga bryt bein. 16 Finn du honning, so
et det du treng, so du ikkje vert ovmett og spyr han
ut. 17 Set sjeldan din fot i huset åt grannen, so han
ikkje vert leid deg og hatar deg. 18 Hamar og sverd og
kvasse pil er den som vitnar falskt mot sin næste. 19
Som roti tonn og ustød fot, so er lit til utru mann på
trengselsdagen. 20 Som kastar du klædi ein frostdag,
som eddik på natron, so er den som syng visor for
sorgfullt hjarta. 21 Er din fiend' svolten, gjev honom
mat, er han tyrst, so gjev honom drikka. 22 For då
hopar du gloande kol på hovudet hans, og Herren skal
løna deg att for det. 23 Nordanvind føder regn, og ei
kviskrande tunga sure andlit. 24 Betre å bu i ei krå
på taket enn ha sams hus med trættekjær kvinna. 25
Som friske vatnet for den trøytte, so er god tidend
frå eit land langt burte. 26 Som gruggi kjelda og ein
utskjemd brunn, so er rettferdig mann som vinglar
medan gudlaus ser det. 27 Eta for mykje honning er
ikkje godt, men å granska det vandaste er ei ära. 28
Som ein by med murarne brotne og burte er mannen
som ikkje kann styra sin hug.

**26** Som snø um sumaren og regn i skurden, so
høver ikkje ära for ein dåre. 2 Som sporven
flaksar burt og svala flyg, so råkar ikkje grunnlaus
forbanning. 3 Svipa til hesten, taum til asnet, og ris til
ryggen på dårar. 4 Svar ikkje dåren etter hans dårskap,
so du ei skal verta lik han, du og! 5 Svara dåren etter
hans dårskap, so han ei skal tykkja han sjølv er vis! 6
Føterne høgg han av seg, og vald fær han drikka, han
som sender bod med ein dåre. 7 Visne heng vanfør
manns føter, so og ordtak i munnen på dårar 8 som å
binda ein stein i slyngja, soleis er det å gjeva ein dåre
ära. 9 Som klungergrein i handi på drukken mann, so
er ordtak i munnen på dårar. 10 Som ein skyttar som
sårar alle, so er den som leiger dåren og kvar som fer
framum. 11 Som hund som snur seg til si eigi spya,
so er ein dåre som kjem att til narreskapen sin. 12
Ser du ein mann som tykkjer sjølv at han er vis, då er
det større von for dåren enn for honom. 13 Letingen
segjer: «D'er villdyr på vegen, ei løva i gatorne.» 14
Døri snur seg på gjengi, og letingen snur seg i sengi.
15 Stikk den late si hand i fatet, han evast med å ta ho
upp til munnen att. 16 Letingen tykkjest visare vera
enn sju som gjev vituge svar. 17 Han triv i øyro på
framumfarande hund, han som ryk upp i sinne for
trætta som ikkje kjem han ved. 18 Som ein galen som
skyt med brennende pilar - drepande skot - 19 so er
ein mann som svik sin næste og segjer: «Eg gjorde
det berre på gaman.» 20 Når veden tryt, so sloknar
elden, er baktalar burte, stoggar striden. 21 Som kol
vert til gløder og ved til eld, so kveikjer kranglaren kiv.
22 Baktalar-ord er som lostemat, dei glid so godt ned i
livet. 23 Som sylv-glasering på skålbrot er brennande
lippor når hjarta er vondt. 24 Med lipporne skaper ein
uven seg til, men inni seg gøymer han svik. 25 Gjer
han seg blidmælt, tru honom ei, for sju slag styggedom
bur i hans hjarta. 26 Hatet dyl seg i svik, men lyt syna
sin vondskap i folkemugen. 27 Den som grev ei grav,
skal stupa nedi, den som velter ein stein, skal få han
yver seg att. 28 Den falske tunga hatar deim som ho
hev krasa, og den sleipe munnen fører til fall.

**27** Rosa deg ikkje av morgondagen, for du veit ikkje
kva ein dag ber i fang. 2 Lat ein annan rosa deg;
ikkje din eigen munn, ein framand og ei dine eigne
lippor! 3 Stein er tung, og sand veg mykje, men tyngre
enn båe er dåreharm. 4 Sinne er fælslegt, og vreide
ein flaum, men kven kann standa seg mot åbryskap?
5 Betre er openberrleg refsing enn kjærleik som held
seg duld. 6 Trugne er slag av venehand, og mange er
uvens kyssar. 7 Den mette trakkar på honning, men
den svoltne tykkjer alt beiskt er søtt. 8 Som ein fugl
som rømer frå reiret sitt, er ein mann som rømer frå
heimen sin. 9 Olje og røykjelse hjarta gled, og søte

venar-ord frå rådvis sjæl. **10** Slepp ikkje frå deg venen
din og far din's ven, so du lyt heim til bror din når du er
i naud! Ein granne nær attmed er betre enn ein bror
langt burte. **11** Vert vis, min son, og gled mitt hjarta, so
eg kann svara den som spottar meg! **12** Den kloke
ser fåren, gøymer seg; fåmingar renner fram og lyt
bøta for det. **13** Tak klædi hans, for han hev borga
for ein annan, og panta honom for ei framand kvinna!
**14** Den som høgmælt signar sin ven um morgonen
tidleg, han skal få det tilrekna som ei forbanning. **15**
Si-drop frå taket ein regndag og ei trættekjær kvinna
likjest kvarandre. **16** Den som held på henne, held
på vind, og handi hans triv i olje. **17** Jarn sliper jarn,
og den eine mannen sliper den andre. **18** Den som
agtar fiketreet sitt, fær eta frukti av det, den som tek
vare på sin herre, skal få ära. **19** Som andlit seg
speglar mot andlit i vatnet, so menneskjehjarta mot
menneskje. **20** Helheim og avgrunn vert ikkje mette,
og menneskjeaugo vert ikkje mette. **(Sheol h7585)** **21**
Diglen røyner sylvet og omnen gullet, og ein mann
vert røynd av sin ros. **22** Um du støyte uvitingen i
mortelen med støytaren i hop med gryn, so vilde ikkje
vitløysa vika ifrå han. **23** God greide lyt du hava på
koss sauerne dine ser ut, og agta vel på buskapen din!
**24** For velstand varer ikkje æveleg, og ikkje ei kruna frå
ætt til ætt. **25** Men er høyet burte og håi kjem att, og
fjellgras vert sanka i hop, **26** då hev du lamb til klæde,
og bukkar til å kjøpa deg åker for, **27** og geitemjølk nok
til mat for deg, til mat for huset ditt og til livsupphald for
gjentorne dine.

**28** Dei gudlause flyr um ingen deim elter, dei
rettferdige er som ungløva trygge. **2** Syndar eit
land, fær det mange herrar, men hev folket mykje vit,
varer retten lenge. **3** Ein fatig herre som trykkjer dei
arme, er eit regn som herjar og ikkje gjev brød. **4** Dei
som gjeng ifrå lovi, prisar dei gudlause, men dei som
held lovi, harmast på deim. **5** Vonde folk skynar ikkje
kva rett er, men dei som søkjer Herren, skynar alt. **6**
Betre er ein fatigmann som ferdast lytelaust, enn ein
rikmann som er rang og gjeng tvo vegar. **7** Den som
agtar på rettleiding, er ein vitug son, men den som hev
lag med øydarar, fører skam yver far sin. **8** Den som
aukar si eiga med renta og oker, han sankar åt den
som er god mot dei arme. **9** Um ein vil venda øyra burt
og ikkje høyra lovi, er jamvel bøni hans ein styggedom.
**10** Den som villar ærlegt folk inn på ein vond veg, han
skal stupa i si eigi grav, men dei lytelause skal erva
det som godt er. **11** Ein rikmann tykkjer han er vis,
men ein fatigmann med vit granskar honom ut. **12** Held
dei rettferdige høgtid, stend det herleg til, men når
gudlause kjem seg upp, lyt ein leita etter folk. **13** Den
som dyl misgjerningarne sine, hev ikkje lukka med
seg, men den som sannar deim og vender seg ifrå
deim, han finn miskunn. **14** Sæl den mannen som alltid
ottast, men den som gjer hjarta sitt hardt, han fell i
ulukka. **15** Burande løva og ein grådig bjørn er gudlaus
hovding yver fatigt folk. **16** Du hovding fatig på vit og
rik på vald! Dei som hatar urett vinning, skal liva lenge.
**17** Ein mann med blodskuld yver seg er på flugt alt til
gravi, ingen må hjelpa honom. **18** Den som ferdast
lytelaust, vert frelst, men den range tvivegs-farar fell
på den eine. **19** Den som dyrkar si jord, fær nøgdi av
brød, men den som fer etter fåfengt, fær nøgdi av
armod. **20** Ein trufast mann fær rik velsigning, men den
som renner etter rikdom, vert ei urefst. **21** Det er'kje
godt når ein gjer mannemun, men mang ein mann
vert brotsmann for ein brødbit. **22** I bråhast vil den
ovundsjuke verta rik, og han veit'kje at vanråd vil koma
på han. **23** Den som refser ein mann, vinn seg takk til
slutt meir enn den som smeikjer med tunga si. **24** Den
som plundrar far sin og mor si og segjer: «Det er ikkje
synd, » han er øydelands lagsbror. **25** Den vinnekjære
valdar trætta, men den som lit på Herren, fær kveikjing.
**26** Den som lit på vitet sitt, han er ein dåre, men den
som vandrar i visdom, vert frelst. **27** Den som gjev
den fatige, vantar inkje, men den som let att augo, fær
mykje banning yver seg. **28** Når gudlause kjem seg
upp, då gøymer folk seg, men når dei gjeng til grunns,
då aukar dei rettferdige.

**29** Ein mann som etter mykje refsing endå er ein
stivnakke, vil brått verta broten ulækjeleg sund.
**2** Når rettferdige aukar i tal, då gled seg folket, men når
gudlaus mann kjem til styre, sukkar folket. **3** Den som
elskar visdom, gled sin far, men den som gjeng i lag
med skjøkjor, øyder eiga si. **4** Ein konge held landet
sitt uppe med rett, men ein skattekrevjar legg det i
øyde. **5** Ein mann som smeikjer for næsten sin, breider
ut eit net for føterne hans. **6** Ein vond manns misgjerd
er snara for honom, men rettferdig mann fegnast og
gled seg. **7** Den rettferdige syter for stakarens sak,
den gudlause hev ikkje greida på noko. **8** Spottarar
øser upp ein by, men vismenner stiller vreiden. **9** Når
vismann fører sak mot dåren, vert dåren sinna og
lær, og kann'kje vera still. **10** Dei blodfuse hatar ein
skuldlaus mann, og stend dei ærlege etter livet. **11** Alt
sitt sinne slepper dåren ut, men vismannen døyver
det til slutt. **12** Agtar ein hovding på lygneord, er alle
hans tenarar nidingar. **13** Fatigmann og valdsmann
råkast, Herren gjev deim båe augneljos. **14** Ein konge
som dømer småfolk rett, hans kongsstol stend æveleg
fast. **15** Ris og age gjev visdom, men ein agelaus gut
fører skam yver mor si. **16** Når dei gudlause aukar,
so aukar syndi, men dei rettferdige skal sjå med lyst
på deira fall. **17** Aga son din, so vil han vera deg til

hugnad og gjeva lostemat til sjæli di. **18** Utan profetsyn
vert folket vilt, men sæl er den som held lovi. **19** Med
ord let trælen seg ikkje tukta, for han skynar deim
vel, men bryr seg'kje um deim. **20** Ser du ein mann
som er snar til å tala, dåren gjev større von enn han.
**21** Kjæler du trælen upp frå hans ungdom, vil han
vanvyrda deg til slutt. **22** Sinna mann valdar trætta, og
brålyndt mann gjer mang ei misgjerd. **23** Mannsens
ovmod fører til fall, men den audmjuke vinn seg ære.
**24** Den som helar med tjuven, hatar sitt liv, han høyrer
dei tek han i eid, men gjev ingi vitring. **25** Manne-
rædsla legg snaror, men den som lit på Herren, vert
berga. **26** Mange vil te seg fram for ein styrar, men frå
Herren fær kvar mann sin rett. **27** Ein styggedom for
rettferdige er ein urettferdig mann, og ein styggedom
for den gudlause er den som fer ærleg fram.

**30** Ord av Agur, son åt Jake, profetordet. Mannen
segjer so til Itiel, til Itiel og Ukal: **2** For fåvis er eg
til å heita mann, og ikkje hev eg manne-vit. **3** Visdom
hev eg ikkje lært, til kunnskap um den Heilage. **4** Kven
hev stige upp til himmelen og stige ned? Kven hev
samla vinden inn i nevarne? Kven hev bunde vatnet i
eit klædeplagg? Kven hev alle enderne av jordi sett?
Kva heiter han, kva heiter son hans - um du veit det? **5**
Alt Guds ord er skirt, han er ein skjold for deim som flyr
til honom. **6** Legg ikkje noko til hans ord, elles lyt han
refsa deg, og du stend der ein ljugar. **7** Tvo ting hev eg
bede deg um, neitta meg deim ikkje, fyrr eg døyr: **8**
Lat fals og lygn vera langt frå meg! Gjev meg ikkje
armod og ikkje rikdom! Lat meg få eta mitt tiletla brød!
**9** Elles kunde eg neitta deg når eg var mett, og segja:
«Kven er Herren?» Eller um eg vart fatig, kunde eg
stela, ja, forgripa meg på min Guds namn. **10** Baktala
ei ein tenar for hans herre, elles vil han banna deg, og
du få bøta. **11** Ei ætt som bannar far sin og ikkje signar
mor si, **12** ei ætt som tykkjer ho er rein, endå ho ei hev
tvætta av sitt eige skarn, **13** ei ætt - kor stolte augo
hev ho ikkje, og kor ho lyfter augneloki! **14** ei ætt som
heve sverd til tenner og jakslar reint som knivar, so ho
et armingar or landet og fatige or folkesamfund. **15**
Blodiglen hev tvo døtter: Gjev! Gjev! Tri finst det som
aldri vert mette, fire som ei segjer: «Nok!» **16** Helheim
og barnlaust moderfang, jordi som aldri vert mett av
vatn, og elden som ei segjer: «Nok!» **(Sheol h7585)** **17**
Eit auga som spottar far og vanvyrder lydnad mot mor,
det skal bekkje-ramnarne hakka ut og ørnungar eta
upp. **18** Tri ting er meg for underlege, og fire finst som
eg ikkje skynar: **19** Ørns veg på himmelen, orms veg
på berget, skips veg på havet og manns veg til møy.
**20** Soleis ber utru kona seg åt: Ho et og turkar seg um
munnen og segjer: «Eg hev ikkje gjort noko vondt.» **21**
Under tri skjelv jordi, under fire kann ho'kje herda: **22**
under trælen når han vert konge, og dåren når han fær
eta seg mett, **23** under attergløyma når ho vert gift, og
trælkvinna når ho erver si frua. **24** Fire finst det som
er små på jordi, og endå hev dei fenge visdom stor:
**25** Mauren er'kje noko sterkt folk, og endå lagar han
sin mat um sumaren. **26** Fjellgrevlingarne er'kje noko
veldugt folk, og endå byggjer dei seg hus i berget. **27**
Grashopparne hev ingen konge, og endå fær dei alle
ut i fylking. **28** Fjorføtla kann du ta med henderne, og
endå bur ho inni kongeslott. **29** Tri finst det som stig
med staute stig, og fire hev ei fager gonga: **30** Løva ei
kjempa millom dyri, og som ikkje snur seg for nokon,
**31** hesten mjå um midja, eller bukken, og ein konge
med leidingheren. **32** Gjer du deg stor, anten narr eller
klårtenkt, so legg handi på munnen! **33** For trykk på
mjølk gjev smør, og trykk på nase gjev blod, og trykk
på vreide gjev strid.

**31** Ord av kong Lemuel, profetord som mor hans
prenta inn i honom: **2** Kva skal eg segja, son min,
ja kva, du mitt livs son, ja kva, du min lovnads-son? **3**
Gjev ikkje kvende di kraft, og far ikkje vegar som tynar
kongar! **4** Ei sømer det seg, Lemuel, for kongar, ei
kongar sømer det seg å drikka vin, og ei for hovdingar
å spyrja etter rusdrykk. **5** For drikk han, vil han gløyma
kva som lov er, og venda retten fyre alle arminger.
**6** Lat han få rusdrykk som er åt å gå til grunns, og
han få vin som gjeng med sorg i sjæli. **7** At han kann
drikka og si armod gløyma, og ikkje lenger minnast
møda si. **8** Lat upp din munn for mållaus mann, for alle
deira sak som gjeng mot undergang! **9** Lat upp din
munn og rettvist døm, lat armingen og fatigmannen
få sin rett! **10** Ei dugande kona, kven finn vel ei slik?
Høgre stend ho i pris enn perlor. **11** Mannsens hjarta lit
på henne, og vinning vantar ikkje. **12** Ho gjer honom
godt og inkje vondt alle sine livedagar. **13** Ho syter
for ull og lin, og henderne strævar med hugnad. **14**
Ho er som kaupmanna-skip, langt burtantil fær ho si
føda. **15** Og uppe er ho i otta, og gjev sin huslyd mat
og etlar åt ternone ut. **16** Ho stilar på ein åker og fær
han, for det ho med henderne tener ho plantar ein
vingard. **17** Kraft ho bind seg til belte um livet og gjer
sine armar sterke. **18** Ho merkar at hushaldet hennar
gjeng godt, då sloknar'kje lampa hennar um natti. **19**
Ho retter henderne ut etter rokken, og fingrarne tek til
teinen. **20** Ho opnar handi for armingen, retter ho ut til
fatigmannen. **21** Ei ræddast ho snø for huset sitt, for alt
hennar hus er klædt i skarlaks-ty. **22** Ho gjer seg tæpe
og klær seg i finaste lin og purpur. **23** Hennar mann er
kjend i portarne, der han sit til tings med dei fremste i
landet. **24** Linskjortor gjer ho og sel, og belte gjev ho til
kramkaren. **25** Kraft og vyrdnad er klædnaden hennar,
og ho lær åt dagen som kjem. **26** Ho let upp munnen

med visdom, mild upplæring ho gjev med si tunga. **27**
Koss det gjeng i huset agtar ho på, og ei et ho brød i
letingskap. **28** Fram stig hennar søner og prisar ho
sæl, og mannen syng henne lov: **29** «Mange kvende
stod høgt i dugleik, men du gjeng yver deim alle.» **30**
Vænleik er fals og fagerskap fåfengd; ei kona som
ottast Herren, skal prisast. **31** Lat ho få det ho vann
med henderne sine, og pris i portarne av sine verk.

# Predikerens

**1** Ord av Preikaren, son åt David, konge i Jerusalem.
**2** Fåfengt, fåfengt! segjer Preikaren, fåfengt, fåfengt!
Alt er fåfengt. **3** Kva vinning hev mannen av alt si
møda som han møder seg med under soli? **4** Ætt
gjeng, og ætt kjem, medan jordi æveleg stend. **5** Og
soli renn, og soli glar, og ho skundar seg att til staden
sin der som ho plar renna. **6** Vinden gjeng imot sud
og snur seg mot nord, han snur seg og snur seg og
kjem attende til kringlaupet sitt. **7** Alle elvar renn ut i
havet, men havet vert ikkje fullt, dit som elvarne fyrr
hev runne, held dei alltid på å renna. **8** Allting strevar
so ingen det ut kann segja, ikkje vert auga mett av å
sjå, og ikkje vert øyra fyllt av å høyra. **9** Det som hev
vore, er det som skal vera, og det som hev hendt, er
det som skal henda; det finst inkje nytt under soli. **10**
Skulde dei segja um noko: «Sjå, dette er nytt!» - so
hev det longe vore til i fordums tider som var fyre oss.
**11** Me hev inkje minne um deim som fyrr hev livt, og
dei som sidan skal koma, vil ikkje heller liva i minnet
hjå deim som etterpå kjem. **12** Eg, Preikaren, var
konge yver Israel i Jerusalem. **13** Eg lagde hugen på å
granska og å ransaka med visdom alt det som hender
under himmelen. Det er ei leid plåga som Gud hev
gjeve mannsborni å plågast med. **14** Eg såg på alt det
som hender under soli, og so var det fåfengt alt i hop
og jag etter vind. **15** Det bogne kann ikkje beinkast, og
det vantande kann ikkje reknast. **16** Eg tenkte med
meg sjølv: «Sjå no hev eg vunne meg større og rikare
visdom enn alle dei som hev rådt yver Jerusalem fyre
meg, og hjarta mitt hev set visdom og kunnskap i rikt
mål.» **17** Eg lagde hugen på å skyna visdomen og
skyna vitløysa og dårskap. Men eg skyna at det var jag
etter vind det og. **18** For med mykje visdom du mykje
gremmest, og aukar du kunnskap, so aukar du kvida.

**2** Då sagde eg med meg sjølv: «Kom, so skal eg
prøva deg med gleda; njot det som godt er!» Men
so var det fåfengt det og. **2** Um låtten sagde eg: «Han
er vitlaus!» Og um gleda: «Kva gagn gjer ho?» **3** Eg
kom på den tanken, at eg skulde kveikja kroppen med
vin, medan hjarta dreiv på med visdom, og halda meg
til dårskapen, til dess eg fekk sjå kva som var best for
mannsborni å gjera under himmelen dei dagarne livet
varer. **4** Eg tok på med store verk: Eg bygde meg hus,
planta meg vingardar, **5** gjorde meg hagar og parkar
og sette alle slag frukttre i deim. **6** Eg gjorde meg
vatsdammar til å vatna ein lund av tre som voks upp.
**7** Eg kjøpte trælar og trælgjentor, hadde heimefødde
trælar, ja ein buskap fekk eg meg og, kyr og sauer i
mengd, meir enn alle dei som hadde vore fyre meg i
Jerusalem. **8** Eg samla meg ogso sylv og gull, og alt
som kongar og land kann eiga, eg fekk meg songarar
og songmøyar, og det som er til lyst for mannsborni:
konor i mengd. **9** So vart eg reint ovstor, større enn
alle dei som hadde vore fyre meg i Jerusalem, og
attpå hadde eg visdomen min hjå meg. **10** Alt det augo
ynskte, let eg deim få, eg heldt ikkje hjarta mitt burte
frå nokor gleda; for hjarta hadde gleda av all mi møda,
og det var min lut av all mi møda. **11** Men so gav eg
meg til å sjå på alle mine verk som henderne mine
hadde gjort, og den møda dei hadde kosta meg, då
synte det seg at alt var fåfengd og jag etter vind. Nei,
det finst ingi vinning under soli. **12** So gav eg meg til å
sjå på visdom og vitløysa og dårskap; for kva vil den
mannen gjera som kjem etter kongen? Det som folk
fyrr hev gjort. **13** Då såg eg at visdomen hev same
fyremunen framfor dårskapen som ljoset hev framfor
myrkret. **14** Den vise hev augo i hausen, men dåren
ferdast i myrkret. Men eg skyna og at same lagnaden
råkar den eine som den andre. **15** Då sagde eg med
meg sjølv: «Den lagnad som dåren fær, den fær eg
og. Kva gagn hev eg då av det at eg hev vore so
ovleg vis?» Eg sagde med meg sjølv: «Det er fåfengt
dette og!» **16** For minnet um den vise varer ikkje meir
æveleg enn minnet um dåren. I dei komande dagar vil
alt vera gløymt for lenge sidan, og lyt ikkje den vise
døy likso vel som dåren? **17** Då vart eg leid av livet, for
det som hender under soli, tyktest meg vera vondt; alt
er fåfengd og jag etter vind. **18** Og eg vart leid av all mi
møda som eg hev mødt meg med under soli, av di eg
skulde leiva det til den mannen som kjem etter meg.
**19** Kven veit um det vert ein vis mann eller ein dåre?
Og endå skal han råda yver alt det som eg hev vunne
med møda og med visdom under soli! Det er fåfengt
det og. **20** Då tok eg reint til å orvonast for all den
møda eg hadde mødt meg med under soli. **21** For det
hender at ein mann hev gjort sitt arbeid med visdom og
kunnskap og dug, so lyt han gjeva det frå seg til eiga
åt ein mann som ikkje hev havt møda med det. Det og
er fåfengd og ei stor ulukka. **22** Ja, kva hev mannen
att for all si møda og sine hugmål som han mødest
med under soli? **23** For heile hans liv er ei pinsla, og
hans stræv er leidelse, ja ikkje ein gong um natti fær
hjarta hans kvila. Det er fåfengt det og. **24** Det er ikkje
ei lukka som stend til mannen sjølv at han et og drikk
og unner seg gode dagar midt i møda si. Eg såg at det
og kjem frå Guds hand. **25** For kven kann eta og kven
kann njota noko utan honom? **26** For den mannen som
er honom til hugnad, gjev han visdom og kunnskap og
gleda. Men den som syndar, gjev han strævet med å
samla og draga i hop so den som er til hugnad for Gud
kann få det. Det og er fåfengd og jag etter vind.

**3** Alt hev si stund, og kvart tiltak under himmelen hev
si tid: **2** Fødast hev si tid, og døy hev si tid; planta
hev si tid, og riva upp det som er planta hev si tid; **3**
drepa hev si tid, og lækja hev si tid; riva ned hev si tid,
og byggja upp hev si tid; **4** gråta hev si tid, og læ hev
si tid; syrgja hev si tid, og dansa hev si tid; **5** kasta
stein hev si tid, og sanka stein hev si tid; fangtak hev
si tid, og halda seg frå fangtak hev si tid; **6** leita hev si
tid, og missa hev si tid; gøyma hev si tid, og kasta burt
hev si tid; **7** riva sund hev si tid, og sauma i hop hev si
tid; tegja hev si tid, og tala hev si tid; **8** elska hev si
tid, og hata hev si tid; ufred hev si tid, og fred hev si
tid. **9** Kva vinning fær då den som gjer noko av den
møda han hev med det? **10** Eg såg på det strævet
som Gud hev gjeve mannsborni å stræva med. **11** Alt
hev han laga fagert til si tid, ja, æva hev han lagt i
hjarta deira, men so at menneskja ikkje kann finna ut
frå upphav til endes det verk som Gud hev gjort. **12** Då
skyna eg at dei ikkje hev noko betre enn å gleda seg
og goda seg so lenge livet varer. **13** Men det å eta og
drikka og njota livet midt i all møda, det og ei Guds
gåva for kvar mann. **14** Eg skyna at alt det Gud gjer,
det varer æveleg, ikkje kann ein leggja noko til, og
ikkje kann ein taka noko ifrå; og det hev Gud gjort so,
av di me skal ottast honom. **15** Det som hender, hev
vore til fyrr, og det som kjem til å henda, hev og vore til
fyrr; Gud leitar upp att det framfarne. **16** Framleides
såg eg under soli: I domstolen, der sat uretten, og på
rettferd-staden, der var uretten. **17** Då sagde eg med
meg sjølv: «Den rettferdige og den urettferdige skal
Gud døma; for hjå han er det sett ei tid for kvart tiltak
og for kvart verk.» **18** Eg sagde med meg sjølv: «Det
er for mannsborni skuld, for Gud vil prova deim, so
dei kann sjå at dei i seg sjølve ikkje er anna enn dyr.
**19** For lagnaden åt mannsborni er som lagnaden åt
dyri, ja, same lagnaden fær dei; som den eine døyr, so
døyr den andre, og ei ånd hev dei alle; menneskja hev
ingen fyremun framfor dyri, for alt er fåfengt. **20** Alle
gjeng til ein stad, alle er komne av moldi, og alle skal
attende til moldi. **21** Kven veit um åndi åt menneski stig
uppetter, og um åndi åt dyri fer ned til jordi?» **22** So
skyna eg at ingen ting er betre enn at mannen er glad i
arbeidet sitt, for det er hans lut. For kven kann føra
honom so langt, at han ser inn i det som skal koma
etter honom?

**4** Framleides såg eg på alle dei valdsverk som vert
gjorde under soli. Det rann frå deim som leid, og
ingen trøysta deim; valdsmenner bruka magt mot
deim, og ingen trøysta deim. **2** Då laut eg segja at dei
avlidne, dei som alt hadde fenge døy, dei var sælare
enn dei livande som endå er i live. **3** Men sælare enn
båe tvo er den som ikkje hev vorte til endå, og som
hev sloppe å sjå det vonde verk som folk gjer under
soli. **4** Og eg såg at alt stræv og all dugleik i arbeidet
ikkje er anna enn ovund som driv den eine fyre den
andre. Det og er fåfengd og jag etter vind. **5** Dåren
legg henderne i kross og et sitt eige kjøt. **6** Betre ein
neve med ro enn båe henderne fulle av møda og jag
etter vind. **7** Og endå noko såg eg som er fåfengt
under soli: **8** Det hender at ein mann stend åleine og
hev ingen annan med seg, korkje son eller bror; og
like vel er det ingen ende på alt strævet hans, og augo
hans vert ikkje mette av rikdom. Men kven strævar
eg for og neittar meg sjølv det som godt er? Det er
fåfengt, og ei leid møda er det. **9** Tvo er betre farne
enn ein, for dei hev god løn for strævet sitt. **10** Um
dei dett, kann den eine reisa upp felagen sin; men
usæl er einstødingen som dett og ikkje hev nokon til å
reisa seg upp! **11** Likeins når tvo ligg i hop, so vert
dei varme, men korleis skal ein verta varm åleine?
**12** Og um nokon kann vinna yver den som er åleine,
so kann tvo standa seg imot honom, og tritvinna tråd
slit ein ikkje av so snart. **13** Betre er ein fatig og vis
ungdom enn ein gamall og fåvitug konge som ikkje
lenger veit å lata seg segja. **14** For ein slik ungdom
steig or fangehuset upp til kongedøme, endå han var
fødd i fatigdom i den andre sitt rike. **15** Eg såg alle
livande som ferdast under soli fylgja med ungdomen,
han den andre som skulde koma i staden for hin. **16**
Det var ingen ende på alt folket, alle dei som han var
førar for. Like vel er dei ikkje glade i honom, dei som
sidan kom. Nei, det og er fåfengd og jag etter vind.

**5** Agta foten din når du gjeng til Guds hus! Det er
betre at ein held seg nær og høyrer enn at dårar
ber fram slagtoffer; for dei gjer vondt av di dei ikkje
veit. **2** Ver ikkje bråfus med munnen din, og lat ikkje
hjarta forhasta seg med å bera fram noko ord for Gud!
For Gud er i himmelen og du på jordi, lat difor ordi
dine vera få! **3** For draumar kjem av mykje mas, og
dåresvall av mange ord. **4** Lovar du Gud noko, so dryg
ikkje med å halda det, for han likar ikkje dårar. Haldt
det du lovar! **5** Det er betre at du inkje lovar enn at
du lovar og ikkje held det. **6** Lat ikkje munnen føra
skuld yver kroppen, og seg ikkje til sendebodet: «Eg
forrende meg!» Kvifor skal Gud harmast på det du
segjer og tyna det som henderne dine gjer. **7** For med
mange draumar fylgjer mykje fåfengd, og like eins med
mange ord. Nei, du skal ottast Gud. **8** Um du ser at
fatigmannen ligg under trykk, og at dei ranar rett og
rettferd i landet, so undrast ikkje på den ting! For den
eine høgsette lurer på den andre, og dei hev høgsette
yver seg. **9** Det er i alle høve ein fyremun for eit land:
Ein konge som fremjar jordbruk. **10** Den som elskar
pengar, vert ikkje mett av pengar, og den som elskar

rikdom, fær ingi vinning. Det er fåfengd det og. 11 Di
meir gods, di fleire til å tæra på det. Kva gagn hev
eigaren av det anna enn augnesyn? 12 Søt er svevnen
for arbeidsmannen, anten han et lite eller mykje; men
rikmannen fær ikkje sova for mette. 13 Det finst noko
syrgjeleg leidt som eg hev set under soli: Rikdom som
eigaren hev spart upp til si eigi ulukka. 14 Misser han
denne rikdomen i eit uhende, og han hev fenge ein
son, so eig han ingen ting. 15 Slik som han kom ut or
morslivet, skal han ganga burt att, so naken som han
kom, og for strævet sitt fær han ingen ting som han
kunde taka med seg. 16 Det og er syrgjeleg leidt: Just
slik som han kom, skal han ganga burt; kva vinning
hev han då av det at han strævar burt i vind og vær?
17 Attpå tærer han sitt heile sitt liv i myrker, og stor
harm lyt han dragast med, og so hans sjukdom og
sinne! 18 Høyr no kva eg hev funne godt og fagert: At
ein et og drikk og nyt det som godt er i all den møda
som han mødest med under soli alle dei livedagar som
Gud gjev honom; for det er hans lut. 19 Og so tidt Gud
gjev ein mann rikdom og skattar og attpå gjer honom
før til å njota godt av det og taka sin lut og gleda seg i
møda si, so er det ei gåva frå Gud. 20 For då tenkjer
han ikkje so mykje på livedagarne sine, av di Gud gjev
honom nok å gjera med hjartegleda hans.

6 Det er ei ulukka som eg hev set under soli, og tung
ligg ho på menneskja: 2 Når Gud gjev ein mann
rikdom og skattar og æra, so han for sin part ikkje
vantar noko av det han ynskjer, men Gud ikkje let
honom vera kar til å njota godt av det, men ein framand
mann fær njota det, so er det fåfengd og ei vond liding.
3 Um ein mann fær hundrad born og liver mange år, so
talet vert stort på dagarne i hans liveår, men sjæli hans
ikkje vert mett av det gode, og han so ikkje fær nokor
jordferd, då segjer eg: Eit ufullbore foster er betre fare
enn han. 4 For til fåfengs kom det, og i myrker gjeng
det burt, og i myrker fær det namnet sitt løynt, 5 og soli
hev det korkje set eller kjent - det hev meir ro enn han.
6 Og um han so livde tusund år tvo gonger, men ikkje
fekk njota noko godt - fer ikkje alt til ein stad? 7 All
mannsens møda er for munnen hans, og like vel vert
hugen aldri nøgd. 8 For kva fyremun hev vismannen
framfor dåren? Kva fyremun hev fatigmannen som veit
å vandra for augo på dei livande? 9 Betre augnesyn
enn ein urolig hugen. Det er fåfengd og jag etter vind.
10 Det som hender, er alt fyrr nemnt med namn, og
det er kjent kva ein mann skal verta, og ikkje kann
han saksøkja den som er sterkare enn han. 11 For det
finst ein ordrikdom som berre aukar fåfengdi, kva gagn
hev mannen av det? 12 For kven veit kva som er godt
for mannen i livet, i alle hans fåfengde livedagar som
han fer igjenom som ein skugge? Og kven segjer med
mannen kva som skal henda under soli etter hans tid?

7 Betre godt namn enn god salve, og betre døyande-
dagen enn fødedagen. 2 Betre til syrgjehus ganga
enn til gjestebodshus, so visst som det er enden for alle
menneskje, og den som liver, skal leggja seg det på
hjarta. 3 Betre gremmelse enn lått, for når andlitet ser
ille ut, stend vel til med hjarta. 4 Hjarta åt vismenner er
i syrgjehus, men hjarta åt dårar er i gledehus. 5 Betre
høyra skjenn av ein vismann enn når nokon høyrer
song av dårar. 6 For som tyrnerris sprakar under gryta,
soleis er det når dåren lær. - Det og er fåfengd. 7 For
urett vinning gjer vismann til dåre, og mutor skjemmer
ut hjarta. 8 Betre enden på ei sak enn upphavet, betre
tolmodig enn ovmodig. 9 Ver ikkje for brå i hugen til å
gremmast, for gremmelse bur i barmen på dårar. 10
Seg ikkje: «Korleis hev det seg at dei framfarne dagar
var betre enn dei som no er?» For ikkje utav visdom
spør du um det. 11 Visdom er jamgod med ervegods,
og ei vinning for deim som ser soli. 12 For ein sit i
skuggen av visdomen som i skuggen av pengar, men
fyremunen med kunnskap er at visdomen held eigaren
sin i live. 13 Sjå på Guds verk! For kven kann beinka
det som han hev gjort krokut? 14 På ein god dag skal
du vera i godlag, og på ein vond dag skal du tenkja
på at Gud hev gjort den og likso vel som hin, av di at
menneskja ikkje skal finna noko ulivt etter si avferd. 15
Alt hev eg set i dei fåfengde dagerne mine: Det hender
at ein rettferdig gjeng til grunns tråss i si rettferd, og at
ein gudlaus liver lenge tråss i sin vondskap. 16 Ver
ikkje altfor rettferdig, og te deg ikkje for vis! Kvifor vil du
tyna deg sjølv? 17 Ver ikkje altfor gudlaus, og ver ikkje
ein dåre? Kvifor vil du døy fyre tidi? 18 Det er godt at
du held fast på det eine og ikkje heller slepper handi
av det andre, for den som ottast Gud, han greider seg
or alt dette. 19 Visdomen gjev vismannen ei sterkare
vern enn ti magthavarar i ein by. 20 For det finst ikkje
eit rettferdigt menneskje på jordi som berre gjer godt
og aldri syndar. 21 Agta ikkje heller på alt det som folk
segjer, elles kunde du få høyra din eigen træl banna
deg. 22 For du veit med deg sjølv, at du og mange
gonger hev banna andre. 23 Alt dette hev eg røynt ut
med visdom. Eg tenkte: «Visdom vil eg vinna!» men
han heldt seg langt burte frå meg. 24 Langt burte er
det som til er, og so djupt, so djupt; kven kann nå det?
25 Eg gav meg til, og hugen gjekk ut på å kjenna og
granska og søkja visdom og ettertanke og få vita at
gudløysa er dårskap og narreskapen vitløysa. 26 Då
fann eg at kvinna er beiskare enn dauden, for ho er eit
net, og hjarta hennar eit garn, og henderne hennar
lekkjor. Den som tekkjest Gud, slepp ifrå henne, men
syndaren vert hennar fange. 27 Sjå det fann eg, segjer

preikaren, då eg lagde det eine i hop med det andre
og vilde koma til ei endelykt: 28 Det som eg stødt hev
leita etter, men ikkje funne, det er: Ein mann millom
tusund hev eg funne, men ei kvinna hev eg ikkje funne
millom alle deim. 29 Berre dette hev eg funne ut, skal
du vita, at Gud hev skapt menneskja rett, men dei
søkjer mange krokar.

8 Kven er som vismannen, og kven veit å tyda ein
ting? Mannsens visdom gjer hans andlit ljost, og det
harde i hans åsyn vert umskift. 2 Eg segjer: Agta på
bod ifrå kongen, og det for den eid skuld som du hev
svore ved Gud! 3 Gakk ikkje for snart burt frå honom,
og ver ikkje med på noko vondt! For han gjer alt det
han vil. 4 For konungs ord er megtigt, og kven torer
segja med honom: «Kva gjer du?» 5 Den som held
bodet, skal ikkje få kjenna noko vondt, og vismanns
hjarta skal få kjenna tid og dom. 6 For kvart tiltak hev
si tid og sin dom; for mannsens vondskap ligg tungt på
honom. 7 For han veit ikkje kva som skal henda, og
kven kann segja honom korleis det vil verta? 8 Ingen
mann hev magt yver vind og ver, so han kann stengja
for vinden, og ingen hev heller magt yver døyande-
dagen, og ikkje fær ein heimlov i ufred, og ikkje kann
gudløysa berga sin mann. 9 Alt dette hev eg set, med
di eg gav gaum etter alt det som gjeng fyre seg under
soli på ei tid då det eine menneskjet rådder yver det
andre til ulukka for det. 10 Dinæst hev eg set gudlause
koma i grav og ganga inn til kvila, men dei som hadde
gjort rett, laut fara burt frå den heilage staden og vart
gløymde i byen. Det er fåfengd det og. 11 Av den
grunn at vondskaps verk ikkje straks fær sin dom yver
seg, vert hjarta på mannsborni fullt av mod til å gjera
vondt, 12 sidan syndaren hundrad gonger kann gjera
det som vondt er, og like vel liva lenge - endå eg veit
at det vil ganga deim vel som ottast Gud, av di dei
ottast for hans åsyn. 13 Men ikkje vil det ganga den
gudlause vel, og liksom skuggen skal han ikkje liva
lenge, av di han ingen otte hev for Gud. 14 Det er noko
fåfengt som hender på jordi, at det finst rettferdige som
fær sin lagnad etter gudlause folks gjerning, og det
finst gudlause som fær sin lagnad etter rettferdige folks
gjerning. Eg sagde at det var fåfengd det og. 15 Då
prisa eg gleda, for mannen hev ikkje noko anna godt
under soli enn å eta og drikka og vera glad, og det
fylgjer honom i hans møda i dei livedagarne som Gud
hev gjeve honom under soli. 16 Når eg lagde hugen
på å få kjenna visdom og å sjå det strævet som dei
stræver med på jordi - for korkje dag eller natt fær dei
blund på augo - 17 då såg eg at det er so med alt
Guds verk, at menneskja ikkje kann grunda ut det som
hender under soli. For alt det menneskja strævar med
å granska det ut, fær ho ikkje tak i det, ja, um ein
vismann tenkjer at han skal skyna det, so kann han
ikkje grunda det ut.

9 For alt dette lagde meg på hjarta, og alt dette
prøvde eg å granska ut: at dei rettferdige og dei
vise og deira verk er i Guds hand. Um kjærleik eller
hat veit ingen mann i fyrevegen; alt kann dei venta
seg. 2 Alt kann hendast alle. Den same lagnaden
råkar den rettferdige og den gudlause, den gode og
reine og den ureine, den som ofrar og den som ikkje
ofrar, det gjeng på same vis med den gode som med
syndaren, med den som sver som med den som er
rædd å sverja. 3 Det er det som er det leide med alt
som hender under soli, at alle fær same lagnaden, so
vert og hjarta åt mannsborni fullt av det som vondt
er, og dei ber vitløysa i hjarta sitt so lenge dei liver,
og sidan lyt dei av til dei daude. 4 For den som fær
vera i lag med alle dei livande, han hev von. For ein
livande hund er betre enn ei daud løva. 5 For dei
livande veit at dei skal døy, men dei daude veit ingen
ting og fær ikkje lenger nokor løn, for minnet um deim
gløymest. 6 Både deira kjærleik og hat og ovmod er
det slutt med for lenge sidan, og aldri meir fær dei
hava noko med det som hender under soli. 7 So et då
ditt brød med gleda, og drikk med godt mod din vin!
For Gud hev longe godkjent di gjerning. 8 Lat klædi
dine stødt vera kvite, og ei vanta olje på hovudet ditt!
9 Njot livet med ei kona som du elskar, alle dagar i
ditt fåfengde liv som han hev gjeve deg under soli,
alle dine fåfengde dagar! For det er din lut i livet og i
møda di som du mødest med under soli. 10 Alt det di
hand vinn gjera med di kraft, det skal du gjera, for det
finst ikkje arbeid eller utrekning eller kunnskap eller
visdom i helheimen som du gjeng til. (Sheol h7585) 11
Framleides såg eg under soli at ikkje dei snøgge råder
yver skeidet, og ikkje kjemporne yver i striden, og ikkje
heller dei vise yver brød, ikkje heller dei vituge yver
rikdom, ikkje heller dei kunnige yver manntekkje; for tid
og lagnad møter deim alle. 12 For menneskja kjenner
likso lite si tid som fiskarne som vert fanga i ulukke-
garnet, eller fuglarne som vert fanga i snara. Lik eins
vert og mannsborni snara i ustundi, når ho brått kjem
yver deim. 13 Det og hev eg set var visdom under
soli, og stor tykte eg han var: 14 Det var ein liten by,
og få folk hadde han. So kom det ein stor konge mot
honom og kringsette honom og bygde store vollar mot
honom. 15 Og det fanst der i byen ein fatig vismann,
og han berga byen med visdomen sin; men ikkje eit
menneskje kom i hug denne fatige mannen. 16 Då
tenkte eg: «Vel er visdom betre enn styrke, men folk
vanvyrder fatigmanns visdom, og dei høyrer ikkje på
ordi hans.» 17 Vismanna-ord som ein høyrer i ro, er

betre enn hovdings skrik millom dårar. 18 Visdom er
betre enn våpn, men ein syndar kann tyna mykje godt.

10 Eiterflugor set illtev og æsing i salven åt
salvemakeren; ein grand dårskap veg meir enn
visdom, meir enn æra. 2 Vismanns-hug til retta gjeng,
og dåre-hug til keiva. 3 Og kvar helst dåren gjeng, tryt
vitet hans, og han segjer frå til kvar og ein at han er
ein dåre. 4 Um hovdings vreide reiser seg mot deg, so
gakk ikkje frå din post! For roleg åtferd hindrar mange
synder. 5 Det er ei ulukka som eg hev set under
soli liksom eit mistak som kjem frå ein magthavar: 6
Dårskapen er sett i høge sessar, og rikfolk lyt sitja
lågt. 7 Eg hev set trælar på hesteryggen og hovdingar
ganga på sin fot som trælar. 8 Den som grev ei grav,
kann stupa nedi, og den som riv ein mur, kann ormen
stinga. 9 Den som bryt stein, kann få mein; den som
høgg ved, kann koma ut i fåre. 10 Når øksi ikkje bit og
han ei slipar eggi, då lyt han bruka dess meir magt.
Men visdomen veit å vøla til. 11 Når ormen sting fyrr
ein fær mana, hev manaren ingen fyremun. 12 Ord av
vismanns munn er gudlege, men lipporne på dåren
gløyper honom sjølv. 13 Dei fyrste ordi i hans munn
er dårskap, og røda endar reint i arge vitløysa. 14
Dåren brukar mange ord, endå ingen mann veit kva
som henda skal, og kva som etter hans tid henda skal,
kven kann segja honom det? 15 Dåren møder seg
med maset sitt, han som ikkje ein gong veit å gå til
byen. 16 Usælt er du land som hev eit barn til konge,
og fyrstar som held etarlag um morgonen! 17 Sælt
er du land som hev ein adelboren konge, og fyrstar
som held sine mål i rette tid på kara-vis og ei med
fyll! 18 Når leta rår, sig bjelkarne ned, og huset lek
når henderne heng. - 19 Til gaman held dei gilde, og
vin gjev livet gleda, og pengar greider alt. 20 Ikkje ein
gong i tankarne må du banna ein konge, og ikkje i ditt
sengrom banna ein rikmann. For himmelens fuglar ber
ljoden burt, og dei fløygde melder din tala.

11 Send brødet ditt burt yver vatnet; for lenge etterpå
finn du det att. 2 Skift ut til sju, ja til åtte, for
du veit ikkje kva ilt som kann koma yver jordi. 3 Når
skyerne av regn vert fulle, so tømer dei det ut på jordi,
og um eit tre dett imot sud ell' nord - der treet dett, der
vert det liggjande. 4 Den som agtar på vinden, kjem ei
til å så, og den som på skyerne ser, kjem ikkje til å
hausta. 5 Liksom du ikkje veit kva veg vinden fer, eller
korleis beini vert til i hennar liv som er med barn, soleis
kjenner du ikkje heller Gud gjerning, han som gjer
alt. 6 Så ditt sæde um morgonen, og ei kvile handi i
kveldingi! For du veit ikkje kva som vil lukkast av dette
og hitt, eller um båe måtar er godt. 7 Ljuvlegt er ljoset,
og augo hev godt av soli å sjå. 8 Ja, um ein mann
liver mange år, so skal han gleda seg i deim alle, men
minnast dei myrke dagar og vert mange. Alt som koma
skal, er fåfengt. 9 Gled deg, du ungdom, med du er
ung, ver godt i laget i ungdoms-åri, og far dei vegar
som hugen vil, og fylg det som lokkar augo. Men det
skal du vita at for alt dette vil Gud draga deg til doms.
10 Få gremmelse ut or hugen din, haldt liding burte frå
likamen din! for ungdom og morgonrode er fåfengd.

12 Og tenk på din skapar i ungdomsdagarne, fyrr
dei vonde dagarne kjem, og det lid til dei åri då
du lyt segja: «Eg likar deim ikkje; » 2 fyrr soli myrkjest,
og ljoset og månen og stjernorne, og skyer kjem att
etter regnet; 3 den tid då hus-vaktmennerne skjelv,
og dei kraftige mennerne krøkjest, og håndkvern-
gjentorne skoftar for dei er so få, og dei som ser
ut gjenom gluggarne dimmest, 4 og gatedørerne
stengdest med kverne-duren spaknar; då ein ris upp
med fyrste fuglekvitring, og alle songmøyar lågmælte
vert; 5 då ein og er rædd for kvar ein bakke, og
skræmslor ventar på vegen, og mandeltreet blømer,
og grashoppen karar seg fram, og kapersberet dovnar;
for menneskja fer til sitt æve-hus, og gråtarane gjeng
ikring på gata; - 6 fyrr sylvsnori slitnar, og gullskåli
brotnar, og krukka ved kjelda gjeng sund, og hjulet
dett brotna i brunnen, 7 og moldi fer atter til jordi som
fyrr ho var, og åndi gjeng atter til Gud som ho gav.
8 Fåfengt, fåfengt! segjer Preikaren, alt er fåfengt! 9
Umfram det at Preikaren var ein vismann, lærde han
og folket kunnskap, og grunda og granska, han sette
i hop mange ordtøke. 10 Preikaren freista å finna
vænleiks-ord, ærleg uppskrivne, sanningsord. 11 Ord
av vismenner er som broddar, og i samling er dei som
islegne spikrar; dei er gåva frå ein og same hyrdingen.
12 Men elles, son min, lat deg vara åt. Det er ingen
ende på all bokskrivingi, men mykje gransking armar
ut kroppen. 13 Endelykti er dette, når du hev høyrt alt:
Ottast Gud og haldt hans bodord! Det er målet for alle
menneskje. 14 For kvar gjerning vil Gud føra fram for
domen yver alt det som løynt er, anten det so er godt
eller vondt.

# Salomos Høisang

**1** Høgsongen av Salomo. **2** «Han meg kysse med
kyssar av sin munn. For din elsk han er betre enn
vin. **3** Dine salvar angar so ljuvt, ein utrend salve er ditt
namn. Difor held møyar dei elskar deg.» **4** «Drag meg
etter deg. Og me spring. Kongen hev ført meg til sitt
hus.» «Me vil fagnast og frygdast i deg. Me vil lova din
kjærleik meir enn vin.» Med rette elskar dei deg. **5** «Eg
er brun, men like vel væn, de Jerusalems døtter, som
Kedars tjeld, som Salomos dørtjeld. **6** Sjå ikkje på at
eg er so brun, at soli hev brent meg so. Mor sine søner
harmast på meg, og meg sette til vingardsvakt. Eg hev
ikkje vakta eigen gard. **7** Seg, du som leikar i min hug,
kvar gjæter du no? Kvar held du middagskvild? Må eg
sleppa på villa å ganga i hjordi til felagarn' dine.» **8**
«Um du ikkje det veit, du fagraste dros, du fylgje i drifti
sitt spor og gjæt dine killingar fram der som hyrdingarn'
buderne hev.» **9** «Med folarn' for Faraos vogn deg,
min hugnad, eg liknar. **10** Di lekkjeprydde kinn er so
væn, og din hals med perlor. **11** Lekkjor av gull skal
du få med sylv-prikkar på.» **12** «Når kongen i laget
sit sat, min narde han anga då. **13** Ein myrra-pung
er min ven, som eg ber ved min barm. **14** Ein cyper
blom-dusk er min ven meg i En-Gedis hagar.» **15** «Å,
kor du er fager, mi møy, kor du er fager! Dine augo er
duvor.» **16** «Å, kor du er fager, min ven, kor du er ljuv.
Og vårt lægje er grønt. **17** Cedrar er bjelkarn' i vårt
hus, cypressar er himling.»

**2** «Ein engblom frå Saron er eg, ei lilja frå dalom.»
**2** «Ja, som ei lilja i klunger-holt millom møyar min
hugnad er.» **3** «Liksom ein apall, i skogen stend er
venen min millom sveinar. Eg sitje so ljuvt i skuggen
hans, og søt er frukti i munn. **4** Inn i vinhuset hev han
meg ført, og hans merke yver meg det er kjærleik. **5** Å,
styrk meg med druvekakor, med eple meg kveik! For
eg er sjuk av kjærleik. **6** Hans vinstre hand er under
mitt hovud, med den høgre femner han meg. **7** Eg
hjarteleg bed dykk, Jerusalems døtter, ved gasellor og
hindar i skog, at ikkje de vekkje eller eggje kjærleik,
fyrr sjølv han so vil!» **8** «Høyr! Min ven! Sjå der, han
kjem! Yver fjelli, sjå, han sprett, yver haugarne han
renn. **9** Min ven ei gasella er lik eller som ungan hjort.
Sjå der! No han stend attum vår vegg. Gjenom glyttom
ser han inn. **10** Han tek til min ven å tala til meg: «Du,
min hugnad, statt upp, du, mi fagre, kom ut! **11** For sjå,
no er vinteren slutt, regnet hev kvorve burt. **12** Du ser
blomarne sprett utpå voll. D'er det bilet dei vintrei skjer,
og turtelduva ho syng i vårt land. **13** Fiketreet skyt
frukt, vintrei stend alt i blom med angande dåm, du,
min hugnad, statt upp, du, mi fagre, kom! **14** Du, mi
duva, i bergeskard, som i fjellveggen sit, lat ditt andlit
meg sjå, lat meg høyra ditt mål, for ditt mål er so ljuvt,
og ditt andlit so vænt.» **15** «Fare av og revarne slå, dei
revarne små, som i hagom mun gå, for hagarne no,
dei tek til å gro.» **16** Min ven er min, og eg er hans,
han som gjæter millom liljor.» **17** «Skrid du, min ven, til
dagen vert sval, og skuggarne flyr, ei gasella lik eller
ungan hjort uppi skardefjellom.»

**3** «Eg leita på kvila um natt etter honom som leikar
i min hug. Eg leita, men honom ikkje fann. **2** Eg
vil upp og sviva gjenom by, fara i gator, yver torg, og
søkja han som leikar i min hug. Eg leita, men honom
ikkje fann. **3** Eg vaktar møtte, som i byen sveiv. «Hev
de set han som leikar i min hug?» **4** Snaudt hadd' eg
kome framum deim, då eg fann han som leikar i min
hug. Eg heldt han og eg slepte han'kje laus, fyrr eg
fekk han i huset hennar mor, inn i kleven hennar som
meg åtte. **5** Eg hjarteleg bed dykk, Jerusalems døtter,
ved gasellor og hindar i skog, at ikkje de vekkje eller
eggje kjærleik, fyrr sjølv han so vil.» **6** «Kven er ho,
som frå heidi stig upp, lik kvervlande røyk, umfløymd
av angande myrra, av røykje og dåm-urter alle? **7** Sjå
Salomos båra det er med seksti kjempor ikring, dei av
Israels herkjempor er. **8** Dei alle er væpna med sverd
og er røynde i strid. Kvar ein ber sverdet ved lend imot
rædslor um natt. **9** Kong Salomo berestol fekk seg av
Libanons tre. **10** Han av sylv heve stolparne gjort og
karmen av gull, der er purpurlagd sess. Inni prydd - ei
kjærleiksgåva frå Jerusalems døtter. **11** Gakk ut og sjå,
de Sions døtter, på kong Salomo, med kruna han fekk
av si mor på sin brudlaupsdag, på sin hjarte-fagnads
dag.»

**4** «Å, kor du er fager, min hugnad, kor du er fager!
Dine augo er duvor, glytter fram attum slør. Ditt hår
er ein geiteflokk likt, ned Gilead renn. **2** Dine tenner
som nyklypte sauer, nett komne frå laug. Tvillingar
alle dei hev, og utan lamb er ingen. **3** Dine lippor
ei purpursnor er, og so ljuv er din munn. Som eit
granateple-brot er din tinning glytter fram attum slør. **4**
Som Davids-tårnet din hals, for stridsfolk bygt; tusund
skjoldar på det heng, alle skjoldar åt kjemporne. **5** Eit
killingpar barmen, tvillingar til ei gasella som beiter
millom liljor. **6** Til dess dagen vert sval, og skuggarne
flyr, til Myrra-berg skrid eg min veg og til røykjelse-
haugen. **7** Alt ved deg er fagert, min hugnad, du
lytelaus er.» **8** «Med meg frå Libanon, brur, med meg
frå Libanon kom! Stig fram frå Amanas tind, frå Senir
og Hermons topp, frå løveheimar og panterfjell. **9** Du
hev trylt meg, mi syster, mi brur, du trylt meg med eit
einaste augnekast, med ei einaste lekk i din halsring.
**10** Kor fager er din elskhug, mi syster, mi brur, kor

tjuvleg din elskhug framum vin, kor dei angar dine
salvar framum balsam all. 11 Av honning dryp dine
lippor, mi brur, tunga di gøymer honning og mjølk,
dine klæde hev ein dåm som frå Libanon sjølv. 12 Ein
avstengd hage er mi syster, mi brur, ei avstengd olla,
ei attsigla kjelda, 13 som ein granattre-park skyt du
upp med gildaste frukt, med cyper og nardeblom, 14
med narde, safran, kalmus, kanel og dåmurt av alle
slag, myrra og aloe og dei beste av alle slag kryddor,
15 som ei hagekjelda, ein brunn med rennande vatn,
med tilsig frå Libanon.» 16 «Vakna, nordanvind, kom,
du sunnanvind, gjenom hagen min blås, so angen fær
strøyma, og venen til hagen sin kjem og et si kostelege
frukt!»

5 «Ja, eg kjem til min hage, mi syster, mi brur, min
myrra og balsam eg plukkar, mitt brød og min
honning eg et og drikk min vin og mi mjølk. Ete
lagsbrør, drikk dykkar nøgd, vener.» 2 «Eg låg og sov.
Men mitt hjarta vakte, høyr! Der bankar min ven: Mi
syster, min hugnad, lat upp, du mi duva, mi frægd! Mitt
hovud er vått, av nattedogg lokkarne dryp.» 3 «Eg hev
teke av meg kjolen, skal eg klæda på meg att? Eg
hev tvege mine føter, skal eg sulka deim til att?» 4
Min ven rette handi gjenom loka inn, då kløkktest mitt
hjarta for hans skuld. 5 So reis eg upp, vilde opna for
min ven, av handi mi myrra det draup, av fingrarne
rennande myrra det flaut og på dørlåset rann. 6 So
opna eg døri for min ven - då venen var kvorven burt.
Og hugsprengd eg tenkte på hans ord. Eg søkte, men
ikkje honom fann. Eg ropa på han, men ikkje gav han
svar. 7 Meg vaktaran' møtte som i byen sveiv, dei meg
slo, gav meg sår, og sløret ifrå meg dei tok, vaktaran'
på murom. 8 Eg hjarteleg bed dykk, Jerusalems døtter,
um de skulde finna min ven, - ja, kva skal de honom
segja? - At sjuk av kjærleik eg er. 9 «Kva er din ven
framom andre vener, du fagraste dros? Kva er din
ven framum andre, når du naudbed oss so?» 10 «Min
ven er ljosleitt og raud, utmerkt framum ti tusund. 11
Hovudet skiraste gull, palmegreiner er lokkarn', svarte
som ein ramn. 12 Augo som duvor ved rennande å,
dei som laugar seg i mjølk ved braddfull sjø. 13 Kinni
som balsam-sengjer, som dåmurt-skrin. Lipporne liljor,
som dryp av rennande myrra. 14 Henderne teiner av
gull med krysolitar sette, midja av filsbein med safirar
prydd. 15 Føterne marmor-stolpar på fine gull-stettar.
Som Libanon er han å sjå, som ein ceder traust. 16
Hans munn er søt, hugnad er han all. Slik er venen og
felagen min, de Jerusalems døtter.»

6 «Kvar helst er han gjengen, din ven, du fagraste
dros? Kvar helst hev din ven svive av, so me kann
leita med deg?» 2 «Min ven gjekk til hagen sin ned, til
balsam-sengjer, til å gjæta i hagom og liljor sanka.» 3
«Min ven er min og eg er hans, han som gjæter millom
liljor.» 4 «Du er fager, du min hugnad, som Tirsa, som
Jerusalem er du frid, som herfylgje ageleg. 5 Snu
augo dine ifrå meg, for dei magtstel meg. Ditt hår er
ein geiteflokk likt, ned Gilead renn. 6 Dine tenner ein
flokk med sauer, komne upp or laug, med tvillingar
alle, utan lamb er ingen. 7 Som eit granateple-brot din
tinning glytter fram attum slør. 8 Seksti dronningar,
åtteti fylgjekvende, av møyar ein endelaus lyd. 9
Men ei einast' mi duva, mi frægd, einaste barnet til
mor, brikna hennar som henne åtte. Ho vert sælka
av møyar, henne ser, av dronningar og fylgjekvende
lova.» 10 «Kven er ho som lik morgonroden gloser,
som fullmånen fager, brikjeleg som sol, som herfylgje
ageleg?» 11 «Eg gjekk ned i natahagen, vilde sjå
kor det grønkast i dale, vilde sjå um vintreet spratt,
um granateple-treet bar blom. 12 Eg visste'kje av,
fyrr hugen meg drog og meg sette på mitt gjæve
folks vogn.» 13 «Å, snu deg, snu deg, Sulammit! Snu
deg, snu deg, so me deg ser.» «Kva er det å sjå på
Sulammit?» «Ein dans som i Mahanajim.»

7 «Kor fagert din fot stig på skoen, du gjævings
møy. Dine lender er bogne som ei sylgja, smidd av
ei kunstnarhand. 2 Fanget som skåli rund, ho aldri
vante vin. Livet ein kveitehaug med liljor ikring. 3 Eit
killingpar barmen, tvillingar til ei gasella. 4 Din hals som
eit filsbeinstårn, augo som Hesbons tjørner ved Bat-
rabbims port. Nasen som Libanons tårn, som vender
imot Damaskus. 5 Ditt hovudet som Karmel ris upp, og
lokkarne purpur er, ein konge i flettom er fanga.» 6 «Å,
kor fager, kor frid du er, du kjærleik so hugnadrik! 7
Som ei palma er du i vokster, som druvor din barm. 8
Eg meiner upp i palmen eg stig, i stylkerne tek eg tak,
din barm skal vera som druvor, din ande er som dåm
av eple. 9 Og munnen som ljuvaste vin.» «Som lett
glid ned for min ven og kveikjer sovandes lippor. 10
Til min ven høyrer eg, og til meg stend hans trå.» 11
«Kom so min ven, ut på marki lat oss gå og i byom
oss kvara! 12 Og i otta inni vingardom sjå, um vintreet
sprett, um knupparne spring, um granattreet blømer!
Der vil eg gjeva min elsk til deg. 13 Frå kjærleiks-epli
strøymer ein fræn, alle slag frukt er ved dørom. Nye
og gamle, min ven, hev eg gøymt til deg.

8 Å, gjev at du var som ein bror for meg, hadde soge
mor sitt brjost. Um eg då fann deg der ute, eg
deg kysste, og ingen meg neiste for det. 2 Eg leidde
deg, førde deg til mor sitt hus, og du lærde meg, eg
kryddevin gav deg, saft frå mitt granattre. 3 Hans
vinstre er under mitt hovud, med den høgre femner
han meg. 4 Eg hjarteleg bed dykk, Jerusalems døtter,

at de ikkje vekkje eller eggje kjærleik, fyrr sjølv han so
vil.» **5** «Kven er ho som frå heidi stig upp, studd til
sin ven?» «Under apallen vekte eg deg. Der åtte ho
deg di mor, der fekk ho deg ho som deg fødde.» **6**
«Ved hjarta meg hav som eit segl, som eit segl på din
arm. Kjærleik som dauden er sterk, som helheimen
strid i si trå. Ho logar som logande eld, gneisten frå
Herren. **(Sheol h7585)** **7** Kor store vatni so er, dei aldri
fær kjærleik sløkt, ingi elvar kann fløyma han burt. Um
du alt som du åtte for kjærleik baud, so vart du berre til
narr.» **8** «Ei liti syster me eig, ho hev ingen barm. Kva
skal me med syster gjera, den tidi når belarar kjem?»
**9** «Er ho ein mur, me byggjer på den ein murkrans
av sylv. Men er ho ei dør, me stengjer ho att med eit
cederspjeld.» **10** «Eg er ein mur, og min barm som
tårni på den. Då vart eg i augo hans ei som finn fred.
**11** I Ba'al-Hamon ein vingard hev Salomo ått. Han
garden til vaktarar gav. Kvar mann for dråtten fekk dei
tusund sekel sylv. **12** Min vingard den hev eg sjølv,
dine tusund du Salomo tak, tvo hundrad på vaktaran'
fell. **13** Du som bur inni hagom, felager lyder, lat meg
høyra ditt mål!» **14** «Å fly, du min ven, ei gasella lik
eller ungan hjort på dei angande fjellom!»

# Esaias

**1** Dette er dei syner som Jesaja, son åt Amos, fekk
um Juda og Jerusalem i dei dagarne då Uzzia,
Jotam, Ahaz og Hizkia var kongar i Juda. **2** Høyr, de
himlar, og lyd etter, du jord! for Herren talar: Eg hev
fostra born og født deim upp, men dei hev falle frå meg.
**3** Ein ukse kjenner eigarmannen sin, og eit asen krubba
åt herren sin; men Israel kjenner inkje, mitt folk sansar
inkje! **4** Usæl er den synduge slegti, det skuldtyngde
folket, eit ætt av illgjerdsmenner, rangsnudde born!
Dei hev vraka Herren, vanvyrdt den Heilage og vendt
honom ryggen. **5** Tolar de meir tukt, sidan de held
ved med fråfall? Hovudet er som eit einaste sår, og
hjarta er gjenomsjukt. **6** Frå hovud til fot finst det ikkje
noko heilt, berre flengjor, flerror og nyhogne sår, som
korkje er reinsa eller umbundne eller mykte med olje.
**7** Ei øydemark er landet dykkar, brandtufter byarne
dykkar, årsgrøda et framande upp framfor augo på
dykk; alt vert lagt i øyde, soleis som berre framandfolk
kann herja. **8** Berre dotteri Sion er att, liksom ei hytta i
ein vinhage, eit natteskjol på ei agurkmark, som ein
kringsett by. **9** Hadde ikkje Herren, allhers drott, unnt
oss ein liten leivning, då hadde me vorte som Sodoma,
me hadde set ut som Gomorra! **10** Høyr Herrens ord,
de Sodoma-fyrstar, lyd etter vår Guds lov, du Gomorra-
folk! **11** Kva skal eg med alle slagtofferi dykkar? segjer
Herren. Eg leidest ved brennoffer av verar og ved feitt
av gjødkalvar; og blod av uksar og lamb og bukkar
hugar meg ikkje. **12** Når de kjem og vil visa dykk for mi
åsyn - kven hev kravt slikt av dykk, at de skal trakka
ned mine fyregardar? **13** Ber ikkje fram fleire falske
grjonoffer; angen av deim styggjest eg ved. Nymåne
og kviledag og tillyst møte, høgtidsferd og fanteferd
hand i hand - eg toler det ikkje! **14** Dykkar nymånar
og høgtider hatar mi sjæl, dei hev vorte meg ei byrd,
som eg ikkje orkar bera. **15** Kor mykje de retter ut
henderne dykkar, so let eg att augo, og kor mykje de
bed, so høyrer eg ikkje; for henderne dykkar er fulle av
blod! **16** Tvætta dykk, reinsa dykk! Slutta med dykkar
vonde åtferd for augo mine, haldt upp med å gjera
det som vondt er! **17** Lær å gjera godt, legg vinn på
det som rett er, vis valdsmannen på betre vegar, hjelp
den farlause til retten sin, før saki åt enkja! **18** Kom
og lat oss føra sak med einannan, segjer Herren. Um
synderne dykkar er som purpur, so skal dei verta kvite
som snø. Um dei er raude som skarlak, so skal dei
verta som ull. **19** Berre de er viljuge og lyder, so skal
de få njota det gode i landet. **20** Men er de motviljuge
og tråssuge, so skal sverdet øyda dykk ut. For Herrens
munn hev tala! **21** Kor ho hev vorte ei skjøkja, den
trufaste borgi! Fyrr full av rett, rettferd budde derinne,
og no - mordarar. **22** Sylvet ditt hev vorte til slagg,
med vatn er vinen din blanda. **23** Dine styresmenner
er upprørsmenner, dei held lag med tjuvar. Alle so
elskar dei mutor og jagar etter vinning. Den farlause
hjelper dei ikkje til retten sin, og saki åt enkja kjem
ikkje deim ved. **24** Difor segjer Herren, Herren, allhers
drott, Israels Velduge: Ja, eg vil sløkkja harmen min
på mine uvener, og taka hemn yver fiendarne mine.
**25** Og eg vil retta mi hand imot deg og reinsa ut ditt
slagg som med lut, og skilja ut alt ditt bly. **26** Og atter
vil eg gjeva deg slike domarar som du hadde fyrr, og
slike rådsmenner som du ein gong åtte. Og då skal
du heita «rettferdsby», «den trufaste borgi». **27** Ved
rett skal Sion verta utløyst og ved rettferd dei som
umvender seg der. **28** Men undergang skal råka alle
illgjerdsmenner og syndarar; og dei som vender seg
frå Herren, skal ganga til grunnar. **29** Ja, de skal få
skam av dei eiker som var dykkar hugnad; og de skal
blygjast av dei hagar som var dykkar lyst. **30** For de
skal verta som ei eik med visnande lauv og som ein
hage utan vatn. **31** Og den sterke skal verta til stry og
hans verk til ein gneiste, og dei brenn båe til saman,
og ingen sløkkjer.

**2** Det ordet som Jesaja, son åt Amos, såg um Juda
og Jerusalem: **2** Og det skal verta soleis i dei siste
dagar, at det fjellet der Herrens hus stend, skal vera
grunnfest på toppen av fjelli, og høgt yver haugarne,
og alle folki skal strøyma burt til det. **3** Og mange
folk skal bu seg til ferd og segja: «Kom, lat oss fara
upp til Herrens fjell, til huset åt Jakobs Gud, at han
må læra oss um sine vegar, so at me kann ganga
på hans stigar!» For lovlæra skal ganga ut frå Sion,
og Herrens ord frå Jerusalem. **4** Og han skal døma
imillom folki og skipa rett åt mange folkeslag. Då skal
dei smida plogjarn av sverdi sine, og hagesigdar av
spjoti sine. Folk skal ikkje lenger lyfta sverd mot folk,
og ikkje lenger temja seg upp til krigsferd. **5** Jakobs
ætt, kom, lat oss ferdast i Herrens ljos! **6** Du hev støytt
frå deg folket ditt Jakobs ætt, for di dei er fulle av
trolldom frå Austerland og driv med spådomskunster
som filistarane, og gjer samband med framande folk. **7**
Landet deira er fullt av sylv og gull, og eignaluterne tryt
ikkje. Landet deira er fullt av hestar, og vognerne deira
er uteljande. **8** Landet deira er fullt av avgudar, dei fell
på kne for verk av sine eigne hender, for det som deira
eigne fingrar hev gjort. **9** Difor vert menneskja bøygd
og mannen mykt, du kann ikkje tilgjeva deim. **10** Fly inn
i fjellet, gøym deg i jordi for Herrens rædsla, for hans
høgvelde og herlegdom! **11** Menneskja skal slå ned
sine stolte augo, og mannsens stormod skal bøygjast,
og einast Herren standa høg på den dagen. **12** For ein
dag hev Herren, allhers drott, sett, som skal koma yver

alt det kaute og keike, og yver alt det som ris i veret,
so det skal verta lite og lågt. 13 Yver alle cedrar på
Libanon, dei høge og stolte, og yver alle Basaneikerne,
14 yver alle høge fjell og stolte høgder, 15 yver alle
høge tårn og alle faste murar, 16 yver alle Tarsis-skip
og yver alt som er fagert å skoda. 17 Då skal ovmodet
i menneskja knekkjast og mannsens stormod bøygjast,
og einast Herren skal standa høg på den dagen. 18
Med avgudarne er det ute for ollo. 19 Og folk skal fly
inn i hellerar og jordholor for Herrens rædsla og for
hans høgvelde og herlegdom, når han reiser seg og
skræmer jordi. 20 På den dag skal menneskja kasta
for moldvarpar og skinnvengjor avgudarne sine av sylv
og gull, som dei hev gjort seg til å falla på kne for. 21
Og dei skal fly inn i fjellskortor og skard for Herrens
rædsla og for hans høgvelde og herlegdom, når han
reiser seg og skræmer jordi. 22 So set ikkje lenger
dykkar lit til menneskja, som berre eig ein liten livspust
i nosi si! Kva er ho å bry seg um?

**3** For sjå Herren, Allhers-Herren, skal taka burt frå
Jerusalem og Juda kvar studnad og stav, kvar
studnad av mat, og kvar studnad av vatn, 2 kjempa og
stridsmann, domar og profet, spåmann og styresmann,
3 femtimanns-førar og vyrdingsmann, rådsherre og
handverksmeister og trollkunnig mann. 4 Og eg skal
gjeva deim unggutar til styrarar, og gutehått skal råda
yver deim. 5 Og folket - den eine skal plåga den andre,
kvar ein sin granne. Guten skal setja seg upp imot
den gamle, fanten imot fagnamannen. 6 Når det då
hender, at ein fær tak i ein annan i huset åt far hans,
og segjer: «Du eig då ein klædnad, ver du styraren
vår! Tak då rådvelde yver dette fallande riket!» 7 då
skal han svara og segja: «Eg er ingen sårlækjar, i mitt
hus er korkje brød eller klæde; gjer ikkje meg til styrar
yver folket!» 8 For Jerusalem snåvar og Juda fell, av
di dei i ord og gjerd stend Herren imot, og er tråssuge
framfor hans herlegdoms åsyn. 9 Sjølve andlitssvipen
deira vitnar imot deim, og liksom i Sodoma talar dei
utan dulsmål um syndi si. Ve deira sjæl! For dei valdar
seg sjølv ulukka. 10 Seg um den rettferdige at det skal
ganga honom godt; frukti av si gjerning skal han njota.
11 Men usæl den ugudlege! honom skal det ganga ille;
hans eigne gjerningar hemnar seg på honom sjølv. 12
Styraren yver mitt folk er eit barn, og kvinnor råder
yver det. Mitt folk, førarane dine fører deg vilt, og
gjer vegen du skal fara til villstig. 13 Herren hev stige
fram, han vil føra sak, han stend og vil døma folki. 14
Herren held rettargang med sitt folks styresmenner
og hovdingar: «De hev plundra vinhagen! Ran frå
fatigmannen er i husi dykkar! 15 Korleis kann de soleis
skamfara mitt folk og trakka dei fatige under fot?»
segjer Herren, Allhers-Herren. 16 Og Herren segjer:
«Av di Sions døtter briskar seg og gjeng med bratt
nakke og spelar med augo, og gjeng og trippar og
ringlar med fotringarne sine, 17 so skal Herren gjera
kruna skurvut på Sions døtter, og Herren skal nækja
deira blygsla. 18 På den dagen tek Herren frå deim all
stasen deira: Fotringar, panneband, halssylgjor, 19
øyredobbor, armband, slør, 20 hovudpryda, fotkjedor,
belte, lukteflaskor, amulettar, 21 fingergull, naseringar,
22 høgtidsbunader, kåpor, kasteplagg, pungar, 23
speglar, serkjer, huvor, flor. 24 Og det skal verta illtev i
staden for godange, reip i staden for belte, fleinskalle i
staden for flettor, sekkjety i staden for høgtidstidsbunad
og svidmerke i staden for vænleik. 25 Mennerne dine
skal falla for sverd og kjemporne dine i krig. 26 Og
portarne hennar skal gråta og låta, og einsleg sit ho att
i gruset.»

**4** Og på den dagen skal sju kvinnor triva i ein og
same mann og segja: «Me vil sjølve både føda og
klæda oss, berre me fær bera namnet ditt! Fri oss frå
vanæra vår!» 2 På den dagen skal Herrens renning
vera til pryda og herlegdom, og landsens frukt gild og
fager for leivningen av Israel. 3 Og det skal vera soleis,
at den som er att i Sion og etterleivd i Jerusalem, han
skal kallast heilag, kvar og ein som er innskriven til liv i
Jerusalem - 4 når Herren fær tvætta av ureinskapen
hjå Sions døtter og reinsa blodskuldi ut or Jerusalem
med doms-ande og reinsings-ande. 5 Og yver alt
Sions-fjell og møtelydarne der skal Herren skapa ei
sky og ein røyk um dagen og skinet av ein logande eld
um natti; for yver all herlegdomen skal det vera ein
kvelv. 6 Og ei hytta skal vera til livd mot dagsens hite
og til vern og berging mot uver og regn.

**5** Eg vil syngja um min ven, songen åt min ven um
hans vinhage, min ven hadde ein vinhage på ein
grøderik haug. 2 Han hakka honom upp, han reinsa
honom for stein og sette gode vintre der; han bygde eit
vakttårn og hogg attpå ei vinpersa. So venta han seg
ein haust av egte druvor, men fekk berre villbær. 3
Og no, de Jerusalems-buar og de Juda-menner, døm
no millom meg og min vinhage! 4 Kva meir var det å
gjera med min vinhage enn eg hev gjort? Kvi bar han
villbær, når eg venta meg egte druvor? 5 So vil eg
då kunngjera dykk kva eg etlar meg til å gjera med
vinhagen min: Eg vil riva ned gjerdet, so han vert
avbeitt, brjota ned muren, so han vert nedtrakka. 6 Eg
vil gjera honom til ei øydemark; han skal aldri verta
kvista eller graven, men han skal gro full av torn og
tistel, og skyerne vil eg bjoda dei skal ikkje senda regn
yver honom. 7 For vinhagen åt Herren, allhers drott, er
Israels hus, og Juda-folket er hans kjæraste plantning;
men når han venta lov, fann han rov, og når han venta

rettferd, fann han uferd. 8 Usæle dei som legg hus til
hus og åker til åker, til dess det inkje meir rom finst,
so de bur åleine midt i landet! 9 Frå Herren, allhers
drott, kling det i øyro mine: Sanneleg, dei mange husi
skal leggjast i øyde, kor store og gode dei er, skal
ingen bu der. 10 For ein vinhage på ti plogland skal
berre gjeva av seg eitt anker, og tri tunnor utsæde
berre ei skjeppa. 11 Usæle dei som årle hastar til
sterk drykk og sit utetter natti eldraude av vin! 12
Cither og harpa og trumma og fløyta og vin hev dei
i drikkelagi sine, men Herrens gjerningar ansar dei
ikkje, og verket av hans hender ser dei ikkje. 13 Difor
lyt folket mitt fara i utlægd fyrr det varast, storkararne
lida hunger, og dei skrålande skarar ormegtast av
torste. 14 Difor vert helheimen dess meir grådig og
spilar upp sitt gap umåteleg, og ned sturtar dei som er
store i byen, dei som ståkar og bråkar, og dei som hev
gaman der. (Sheol h7585) 15 Då må menneskja bogna
og mannen bøygjast, og dei stolte augo sjå ned. 16
Men Herren, allhers drott, vert høg ved domen, og den
heilage Gud syner seg heilag ved rettferd. 17 Og lamb
gjeng der på beite som på si eigi mark, og aude tufter
etter rikmennerne beiter framande av. 18 Usæle dei
som dreg fram syndestraff med lygnetog og syndebot
liksom med vognreip, 19 dei som segjer: «Lat honom
hasta og skunda seg med verket sitt, so me kann få sjå
det! Lat Israels Heilage fullføra si rådgjerd, so me kann
få kjenna henne!» 20 Usæle dei som kallar det vonde
godt og det gode vondt, dei som gjer myrker til ljos og
ljos til myrker, dei som gjer beiskt til søtt og søtt til
beiskt! 21 Usæle dei som er vise i sine eigne augo og
kloke i sine eigne tankar! 22 Usæle dei som er kjempor
til å drikka vin, og djerve karar til å blanda sterk drykk,
23 dei som gjev den skuldige rett for gåvor skuld, og
tek retten frå den rettferdige! 24 Difor, liksom eldslogen
øyder strå, og halm skrøkk saman på bålet, soleis skal
roti deira rotna og blomen føykjast burt som dust, for
di dei vraka lovi åt Herren, allhers drott, og vanvyrde
ordet åt Israels Heilage. 25 Difor hev Herrens vreide
loga upp imot folket hans, og han retter handi ut imot
det og slær det, so fjelli skjelv, og lik ligg som sorp og
saur på gatorne. Men med alt dette hev ikkje vreiden
hans vendt seg; og endå retter han ut handi. 26 Og
han reiser eit hermerke for heidningfolki langt burte og
blistrar honom hit frå enden av jordi, og sjå, snart og
snøgt kjem han. 27 Det finst ingen der som er trøytt
eller snåvar, ingen som blundar eller søv; på ingen
losnar beltet um livet, ikkje ei skoreim slitnar på nokon
av deim. 28 Pilerne hans er kvasse, og bogarne hans
er alle spente. Hovarne på hestarne er som flint, og
vognhjuli hans likjest kvervelstorm. 29 Han burar som
løva, han murrar som ungløvorne; burande grip han
sitt rov og ber det burt, og det er ingen som bergar. 30
Det durar inn yver honom på den dagen som duren av
havet; og skodar han på jordi, so er det myrker og
naud, ljoset vert dimt under dei tunge skyer!

**6** Det året då kong Uzzia døydde, såg eg Herren
sitja på ein høg og hæv kongsstol, og slæpet på
klædnaden hans fyllte templet. 2 Serafar stod ikring
honom. Kvar av deim hadde seks vengjer: med tvo
gøymde dei andliti sine, med tvo gøymde dei føterne
sine, og med tvo flaug dei. 3 Og den eine ropa til
den andre og sagde: «Heilag, heilag, heilag er Herren
Sebaot, all jordi er full av hans æra!» 4 Grunnen under
dørstokkarne riste når ropet ljoma, og huset vart fyllt
med røyk. 5 Då sagde eg: «Usæl er eg, no er ute med
meg! for eg er ein mann med ureine lippor, og eg bur
millom eit folk med ureine lippor, og augo mine hev set
kongen, Herren, allhers drott!» 6 Men ein av serafarne
flaug fram til meg, han hadde i handi ein glod som
han med ei tong hadde teke på altaret. 7 Med den
rørde han ved munnen min, og so sagde han: «Sjå,
denne hev rørt ved lipporne dine, no er di misgjerd
burte, og di synd er sona.» 8 Og eg høyrde Herren tala
og sagde: «Kven skal eg senda, og kven vil vera vår
bodberar?» Då sagde eg: «Sjå her er eg, send meg!»
9 Og han sagde: «Gakk av stad og seg til dette folket:
«Høyr og høyr, men håtta ikkje! Sjå og sjå, men skyna
ikkje!» 10 Gjer hjarta hardt på dette folket, gjer øyro
dauvhøyrt og gjer augo blinde, so dei ikkje ser med
augo eller høyrer med øyro eller skynar med hjarta, og
vender um og vert lækte.» 11 Men eg sagde: «Kor
lenge, Herre?» Han sagde: «Til dess byarne ligg aude
og tome, og husi stend utan folk, og landet ligg att som
ei øydemark, 12 til dess Herren hev sendt folket langt
burt, og øydestaderne hev vorte mange i landet. 13 Og
finst det endå att ein tiandepart, so skal den og øydast
ut liksom ei terebinta eller ei eik, som berre rotstuven
er att av, når dei vert nedhogne. Denne stuven skal
vera eit heilagt sæde.»

**7** Og det bar til i dei dagarne då Ahaz, son åt
Jotam, soneson åt Uzzia, var konge i Juda, at den
syriske kongen, Resin, og Israels-kongen Pekah, son
åt Remalja, drog upp mot Jerusalem og vilde hertaka
byen, men dei greide det ikkje. 2 Og då det vart meldt
til Davids hus at syrarane hadde lægra seg i Efraim,
so skalv hjarta hans og hjarta åt folket hans, liksom
tre i skogen skjelv i vinden. 3 Men Herren sagde til
Jesaja: «Gakk ut med son din Sjear-Jasjub og møt
Ahaz ved enden av vatsleidingi i den øvre dammen,
på vegen til Bleikjevollen, 4 og seg til honom: Tak
deg vel i vare og haldt deg i ro! Ottast ikkje og ver
ikkje hugfallen for desse tvo rjukande brandarne, for

blodsinnet åt Resin og Syria og Remaljasonen! **5** Etter
di Syria med Efraim og Remaljasonen hev lagt upp
vonde råder mot deg og sagt: **6** «Me vil fara upp
imot Juda og skjota det støkk i bringa og hertaka det
og setja inn ein konge der, Tab'al-sonen, » **7** difor
segjer Herren, Herren: Det skal ikkje lukkast, det skal
ikkje henda. **8** For hovudet åt Syria er Damaskus, og
hovudet åt Damaskus er Resin, og um fem og seksti
år skal Efraim vera lagt i øyde, so det ikkje meir er
eit folk. **9** Og Efraims hovud er Samaria, og hovudet
åt Samaria er Remaljasonen. Vil de ikkje tru, skal de
ikkje trygt få bu.» **10** Og Herren heldt ved og tala til
Ahaz og sagde: **11** «Krev deg eit teikn av Herren, din
Gud, anten nedan or helheimsdjupet, eller ovan ifrå
høgdi!» **(Sheol h7585)** **12** Men Ahaz svara: «Eg vil ikkje
krevja noko, eg vil ikkje freista Herren.» **13** Då sagde
han: «So høyr då, du Davids hus: Er det dykk ikkje
nok, at de set tolmodet åt menneskje på prøva? Vil de
og prøva Guds tolmod? **14** So skal då Herren sjølv
gjeva dykk eit teikn: Sjå, møyi vert med barn og føder
ein son, og ho gjev honom namnet Immanuel. **15** Sur
mjølk og honning skal vera maten hans ved det leitet
då han skynar å vanda det vonde og velja det gode.
**16** For innan sveinen hev skyn på å vanda det vonde
og velja det gode, so skal det verta audt for folk i landi
åt dei tvo kongarne som no fær deg til å fæla. **17**
Og yver deg og yver folket ditt og yver farshuset ditt
skal Herren lata dagar koma som det ikkje hev vore
maken til alt ifrå den tid då Efraim skilde seg frå Juda:
assyrarkongen. **18** For på den tidi skal Herren blistra
på fluga langt burte ved elvarne i Egyptarland og på
bia i Assyrialandet; **19** og dei skal koma og slå seg ned
alle saman i dei aude dalarne og bergklufterne, i alle
klungerrunnar og ved alle brynne-stader. **20** På den
dagen skal Herren med ein rakekniv, som er tinga på hi
sida av elvi, med assyrarkongen, raka av alt hår både
ovantil og nedantil, jamvel skjegget vert avskrapa. **21**
På den tidi skal ein mann føda ei kviga og tvo sauer.
**22** Men han skal få so mykje mjølk, at han kann leva av
surmjølk; ja, alle som finst att i landet, skal liva av sur
mjølk og honning. **23** Og det skal verta soleis på den
tidi, at der det no stend tusund vintre som er tusund
sylvdalar verde, der skal det berre veksa torn og tistel.
**24** Med piler og bogar skal ein ganga dit; for alt landet
ber torn og tistel. **25** Og alle dei berg der dei no onnar
med hakka, skal ingen meir setja sin fot på av otte for
torn og tistel; dei skal verta hamnegangar åt uksar, og
utmark som vert nedtrakka av sauer.»

**8** Og Herren sagde til meg: «Tak deg ei stor tavla
og skriv med menneskjeskrift: Brå-herfang Snøgg-
ran! **2** Og eg vil taka meg pålitande vitne: presten
Uria og Zakarja Jeberekjason.» **3** Og eg gjekk inn
til profetkona, og ho vart umhender og fekk ein son.
Og Herren sagde til meg: «Gjev han namnet: Brå-
herfang, Snøgg-ran. **4** For fyrr guten kann segja «far»
og «mor», skal rikdomarne i Damaskus og herfanget
frå Samaria berast fram for kongen i Assyria.» **5** Og
Herren tala framleides til meg og sagde: **6** «Av di dette
folket vanvyrder Siloahvatnet som renn so stilt, og hev
sin hugnad i Resin og Remaljasonen, **7** sjå, difor let
Herren koma yver deim det stride og velduge vatnet
frå Storelvi - assyrarkongen og all hans herlegdom -
og ho skal stiga yver alle trømarne og fløyma yver alle
strenderne sine. **8** Ho skal trengja seg fram i Juda,
fløda yver og breida seg og nå folk under hoka, og
med sine velduge vengjer skal ho fylla ditt land, vidt og
breidt, Immanuel!» **9** Bråka berre, de folkeslag, de
skal brotna. Lyd etter, alle land langt burte! Bu dykk til
strid! de skal brotna. **10** Legg upp råd! ho skal verta
til inkjes. Gjer avtale! han skal ikkje få framgang. For
med oss er Gud. **11** For so sagde Herren til meg, då
handi hans greip meg med magt, og han vara meg
imot å ganga same vegen som dette folket: **12** De skal
ikkje kalla samansverjing alt det som dette folket kallar
samansverjing, og ikkje ottast det som det ottast, og
de skal ikkje skjelva. **13** Nei, Herren, allhers drott, skal
de halda heilag, honom skal de ottast, og for honom
skal de skjelva. **14** Han skal verta ein heilagdom og
ein støytestein og ein bergstabbe til fall for både Israels
hus, ei snare og ei gildra for Jerusalems-buarne. **15**
Og mange skal snåva og falla og skamslå seg, sitja
fast i fella og verta fanga. **16** Legg vitnemålet umbunde
og læra forsigla i hjarta åt læresveinarne mine! **17** Eg
ventar på Herren, han som løyner si åsyn for Jakobs
hus; på honom vonar eg. **18** Sjå, eg og borni som
Herren hev gjeve meg, me er teikn og varsel i Israel
frå Herren, allhers drott, som bur på Sionsfjellet. **19**
Men når dei segjer til dykk: «Søk til draugemanarar og
spåvette, som kviskrar og mullar, » so svara: «Skal
ikkje eit folk søkja til sin Gud? Skal dei frega ut dei
daude for dei livande?» **20** «Til læra, til vitnemålet!»
Segjer dei ikkje soleis, skal dei vera utan morgonrode.
**21** Dei skal flakka umkring i landet plåga og hungrande,
og i sin hunger skal dei harmast og banna sin konge
og sin Gud. Og dei skal skoda upp, **22** og dei skal
skoda ned på jordi; men sjå, der er naud og natt og
myrker og angest. Ut i svarte natti er dei drivne.

**9** Men myrker skal ikkje verta verande i det landet
som no er i våde. I den tidi som gjekk, hev han
late landet åt Sebulon og Naftali vera lite vyrdt, men
i framtidi skal han lata vegen attmed havet koma til
æra, landet på hi sida åt Jordan, heidningkrinsen. **2**
Det folket som ferdast i myrkret, skal sjå eit stort ljos;
yver deim som bur i daudskugge-landet, skal ljoset

stråla. 3 Du aukar folket som du fyrr ikkje gav stor
gleda; dei gled seg for di åsyn som ein gled seg i
kornskurden, som ein frygdar seg når herfang vert
utskift. 4 For det tunge oket, kjeppen til ryggen deira,
staven åt drivaren deira, hev du brote sund, liksom
på Midjans-dagen. 5 For kvar ein styvel som stauka i
stridsgny, og kvar blodsulka klædnad skal brennast og
verta mat åt elden. 6 For eit barn er oss født, ein son
er oss gjeven, og herreveldet kviler på hans herdar, og
han heiter Underfull, Rådgjevar, Veldug Gud, Æveleg
Fader, Fredsfyrste. 7 So skal herredømet verta stort
og freden utan ende yver Davids kongsstol og yver
riket hans; det skal reisast og stydjast med rett og
rettferd frå no og til æveleg tid. Brennhugen i Herren,
allhers drott, skal gjera dette. 8 Eit ord sender Herren
mot Jakob, det slær ned i Israel, 9 og heile folket skal
merka det, Efraim og Samaria-buarne, som i hjartans
storlæte og ovmod segjer: 10 «Tiglmurar hev rundt
saman, men me skal byggja upp att med hoggen
stein; morbertre er felte, men me skal setja cedertre i
staden.» 11 Difor reiser Herren Resins uvener mot
deim og eggjar fiendarne deira, 12 syrarane frå den
eine sida og filistarane frå den andre, og dei skal eta
upp Israel med gløypande gap. Med alt dette hev
ikkje vreiden hans vendt seg, og endå retter han ut
handi. 13 Men folket vende ikkje um til honom som
slær det, Herren, allhers drott, søkjer dei ikkje. 14 Difor
høgg Herren både hovud og hale av Israel, palmegrein
og sev, alt på ein dag. 15 Styresmann og storkar er
hovudet, og ein profet som lærer lygn, er halen. 16 For
dei som fører folket, fører vilt, og dei som let seg leida,
gjeng til grunnar. 17 Difor kann ikkje Herren gleda seg
yver ungdomarne deira og ikkje heller hava medynk
med dei farlause og enkjorne; for alle saman so er
dei gudlause og gjer det vonde, og kvar munn talar
dårskap. Med alt dette hev ikkje vreiden hans vendt
seg, og endå retter han ut handi. 18 For gudløysa
brenn som eld, øyder torn og tistel og kveikjer i den
tjukke skogen, so han gjeng upp i høge kvervlar av
røyk. 19 Ved harmen til Herren, allhers drott, stend
landet i loge, og folket vert til føda for elden; den
eine sparer ikkje den andre. 20 Dei høgg til høgre og
hungrar endå, dei glefser til vinstre og vert ikkje mette;
kvar og ein et holdet av sin eigen arm: 21 Manasse et
Efraim og Efraim Manasse; og båe tvo til saman kastar
seg yver Juda. Men med alt dette hev ikkje vreiden
hans vendt seg, og endå retter han ut handi.

**10** Usæle dei som gjev urettferdige lover, og som
med all si skriving berre bokfører urett, 2 so
dei kann trengja småfolk burt ifrå retten og rana frå
armingarne i folket mitt det som deira er og gjera enkjor
til sitt herfang og plundra farlause. 3 Kva vil de gjera
på heimsøkjingsdagen, når undergangen kjem langt
burtan ifrå? Kven vil de fly til etter hjelp, og kvar vil
de gøyma skattarne dykkar? 4 Er det noko anna for
enn å bøygja kne millom fangar eller å falla millom
drepne? Med alt dette hev ikkje vreiden hans vendt
seg, og endå retter han ut handi. 5 Usæl Assur, mitt
vreideris! Min harm er staven i handi hans. 6 Mot eit
gudlaust folk sender eg honom, eg byd honom fara
imot eit folk som eg er harm på, at han skal plundra og
rana og trakka det ned som saur på gatorne. 7 Men
soleis meiner ikkje han, og hjarta hans tenkjer ikkje
soleis. Nei, hans hug stend til å øyda og rydja ut folk
i mengd. 8 Han segjer: «Er ikkje hovdingarne mine
kongar alle i hop? 9 Hev det ikkje gjenge Kalno liksom
Karkemis og Hamat liksom Arpad og Samaria liksom
Damaskus? 10 Liksom mi hand hev nått kongeriki åt
dei andre gudarne, endå gudebilæti var meir tallrike
enn i Jerusalem og i Samaria, 11 skulde eg ikkje då
magta å gjera det same med Jerusalem og gudebilæti
der som eg hev gjort med Samaria og gudarne der?»
12 Men når Herren hev fullført alt sitt verk på Sionsfjellet
og i Jerusalem, skal eg heimsøkja assyrarkongen for
hans hjartans ovmodsfrukt og for hans høglyfte, stolte
augo. 13 For han segjer: «Med mi velduge hand hev
eg gjort dette og med min visdom, for eg er gløgg. Eg
flutte folkegrensorne, og rana eignaluterne deira, og i
mitt velde støytte eg ned deim som sat i kongsstolarne,
14 og handi mi greip etter skattarne åt folki liksom
fuglereir, og liksom dei samlar egg som fuglarne er
flogne av, soleis samla eg saman alle land på jordi, det
fanst ingen som rørde vengen eller opna nebben til
minste pip.» 15 Skal då øksi briska seg imot honom
som høgg med henne? eller sagi skrøyta mot den
som sagar? Rett liksom kjeppen skulde svinga den
som lyfter honom! eller staven honom som ikkje er
av tre! 16 Difor skal Herren, Allhers-Herren, senda
tærande sott i den feite kroppen hans, og under hans
herlegdom skal ein eld loga upp som eit brennande
bål. 17 Israels ljos skal verta ein eld, og den Heilage
i Israel til ein loge, og dei skal brenna upp og øyda
hans tornar og tistlar, alt på ein dag. 18 Og han skal
gjera ende på dei gilde skogarne og aldehagarne hans
med rubb og stubb; han skal verta liksom ein sjukling
som visnar burt. 19 Dei tre som vert att i skogen hans,
skal vera lett teljande, eit barn kann skriva deim upp.
20 På den tid skal leivningen av Israel og det som er
att av Jakobs hus ikkje lenger stydja seg til honom
som slo deim, men trufast stydja seg til Herren, Israels
Heilage. 21 Ein leivning skal venda um, ein leivning
av Jakob, til Gud den velduge. 22 For um so ditt folk,
Israel, var som sanden ved havet, so skal berre ein
leivning av det venda um. Undergang er fastsett, og

fløymer fram med rettferd. 23 For øyding og fastsett
straffedom skal Herren, Allhers-Herren, lata koma yver
all jordi. 24 Difor segjer Herren, Allhers-Herren, so:
Folket mitt, du som bur på Sion, ottast ikkje Assur, når
han slær deg med ris og lyfter staven sin imot deg,
soleis som dei gjorde i Egyptarland! 25 For um ei liti
stund er harmen min slokna, og min vreide vender
seg til deira undergang. 26 Og Herren, allhers drott,
svingar svipa si yver honom, liksom då han slo Midjan
ved Ramneberget; og staven hans er utrett yver havet,
og han skal lyfta honom som i Egyptarland. 27 PÅ den
dag skal byrdi hans falla av herdarne dine og oket hans
av halsen din, oket skal brotna for ditt aukande hold.
28 Han kjem mot Ajjat, fer framum Migron; han let etter
seg trænet i Mikmas. 29 Dei fer yver skardet. «I Geba
heldt me nattekvild!» Rama skjelv; Sauls Gibea flyr. 30
Skrik høgt, du dotter Gallim! Lyd etter, Laisa! Arme
Anatot! 31 Madmena flyr, Gebim-buarne bergar sitt bu.
32 Endå same dagen stend han i Nob, han lyfter handi
mot fjellet åt dotteri Sion, mot Jerusalems-haugen.
33 Sjå, Herren, Allhers-Herren, høgg kruna av med
gruveleg kraft; dei rake stomnar er felte; dei røslege
tre ligg brotne i bakken. 34 Den tjukke skogen vert
nedhoggen med øksi. Libanon fell for den herlege.

**11** Men ein kvist skal renna or Isaistuven, og ein
renning frå hans røter skal bera frukt. 2 Og
Herrens Ande skal kvila yver honom, anden med
visdom og vit, anden med råd og styrke, anden med
Herrens kunnskap og otte. 3 Han skal hava sin hugnad
i Herrens otte, og han skal ikkje døma etter det augo
ser, og ikkje skipa rett etter det øyro høyrer. 4 Han
skal døma armingar med rettferd, og skipa rett med
rettvisa for dei smålåtne i landet, og han skal slå jordi
med riset i sin munn og drepa den gudlause med
anden frå lipporne sine. 5 Rettferd skal vera beltet um
lenderne og truskap beltet um mjødmarne hans. 6 Då
skal ulven bu saman med lambet, og panteren liggja i
lag med kidlingen; og kalven og ungløva og gjødfeet
skal semjast saman, og ein smågut skal gjæta deim. 7
Kui og bjørnen skal beita saman, ungarne deira skal
liggja i lag, og løva skal eta halm som ein ukse. 8
Sogbarnet skal leika seg innved bolet til hoggormen,
og barnet som nyst er avvant, skal retta handi inn i hola
åt basilisken. 9 Ingen skal gjera det som vondt eller
skadelegt er, på heile mitt heilage fjell; for landet er fyllt
av kunnskap um Herren, liksom vatnet fyller havet. 10
På den dagen skal heidningfolki søkja til rotrenningen
av Isai, som stend til fana for folki; og bustaden hans
skal vera herleg. 11 Og på den dagen skal Herren
endå ein gong retta ut handi og vinna leivningen av
folket sitt, det som er att frå Assyria og Egyptarland og
Patros og Ætiopia og Elam og Sinear og Hamat og
havstrenderne. 12 Og han skal reisa ei fana for folki og
samla dei burtdrivne menner av Israel og sanka saman
dei spreidde kvinnor av Juda frå heimsens fire hyrno.
13 Då skal Efraims ovund kverva, og uvenskapen hjå
Juda vika; Efraim skal ikkje hysa ovund mot Juda og
Juda ikkje visa uvenskap mot Efraim. 14 Som rovfuglar
skal dei slå ned på herdarne åt filistarane i vest, og
sameinte skal dei taka herfang av austerlendingarne.
På Edom og Moab skal dei leggja hand, og Ammons-
borni skal lyda deim. 15 Og Herren skal turka upp viki
av Egyptarhavet, og i brennande harm svinga handi
yver elvi, og han skal kløyva henne i sju bekkjer, so
ein kann ganga turrskodd yver. 16 So skal det verta
ein brøytt veg for leivningen av folket hans, som er att
frå Assyria, liksom det var for Israel den dagen dei
drog upp frå Egyptarland.

**12** På den dagen skal du segja: «Eg takkar deg,
Herre, for du var vreid på meg, men vreiden din
kvarv, og du trøysta meg! 2 Sjå, Gud er mi frelsa, eg er
trygg og ottast ikkje; for Herren, Herren er min styrke
og min lovsong, og han vart meg til frelsa.» 3 Og med
fagnad skal de ausa vatn or frelse-kjeldorne! 4 Og de
skal segja på den dagen: «Takka Herren, kalla på hans
namn, kunngjer bland folki hans verk, fortel at hans
namn er høgt! 5 Syng lov for Herren, for storverk hev
han gjort! Lat heile verdi få vita det! 6 Ropa av frygd
og fagnad, de som bur på Sion! For stor er Israels
Heilage hjå dykk!»

**13** Framsegn um Babel, som Jesaja, son åt Amos,
skoda. 2 Reis eit merke på skoglaust fjell, ropa
høgt til deim, veifta med handi, at dei må koma og
draga inn gjenom portarne åt valdsherrarne. 3 Eg hev
bode ut dei vigde mennerne mine, ja, til å føra fram min
vreide hev eg kalla kjemporne mine, dei sigerbyrge,
jublande skarar. 4 Høyr, bråk på fjelli som av eit stort
folk! Høyr gnyen av kongerike, av folk som strøymer i
hop! Herren, allhers drott, mynstrar stridsheren sin. 5
Ifrå land langt burte kjem dei, frå himmelens ende,
Herren og hans vreide-verkty, og vil herja heile jordi. 6
Jamra dykk! for Herrens dag er nær; han kjem som vald
frå Allvald. 7 Difor sig alle hender, og alle mannshjarto
brånar i barmen. 8 Dei skjelv, verk og ve tek deim, dei
vrid seg som ei fødande kvinna. Vitskræmde stirer dei
på kvarandre, raude som eldslogar er dei i andlitet.
9 Sjå, Herrens dag kjem gruveleg, full av vreide og
brennande harm, og skal gjera jordi til ei øydemark,
og rydja ut syndarane hennar. 10 For stjernorne og
stjernebilæti på himmelen let ikkje ljoset sitt skina,
myrk er soli når ho renn, og månen let ikkje ljoset sitt
stråla. 11 Eg vil heimsøkja jordi for vondskapen og dei

gudlause for deira misgjerningar, eg vil gjera ende på
storlætet åt dei ovmodige og døyva byrgskapen hjå
valdsherrarne. 12 Eg skal gjera folk meir sjeldsynte enn
fint gull, menneskje meir sjeldsynte enn gull frå Ofir. 13
Difor vil eg skaka himmelen, og jordi skal fara bivrande
upp frå sin stad ved harmen åt Herren, allhers drott,
på den dagen vreiden hans brenn. 14 Som skræmde
gasellor, som sauer som ingen sankar, skal dei snu
heim, kvar til sitt folk, og fly kvar til sitt land. 15 Kvar
den som vert funnen, vert gjenomstungen, og kvar
den som vert gripen, skal falla for sverd. 16 Småborni
deira skal krasast framfor augo deira; husi deira skal
verta herja og kvinnorne deira valdtekne. 17 Sjå, eg
eggjar mot deim medarane, som ikkje bryr seg um
sylv eller trår etter gull. 18 Bogarne deira skal fella
gutarne; med livsfrukt hev dei ingen medynk, borni
sparer dei ikkje. 19 Og med Babel, kruna millom riki,
den stolte kaldæar-pryda, skal det ganga som då Gud
lagde Sodoma og Gomorra i øyde. 20 Aldri meir skal
det byggjast att; frå ætt til ætt skal ingen bu der; ingen
arab skal slå upp sitt tjeld, og ingen hyrding lægra seg
der med si hjord. 21 Men villdyr skal liggja der, og
husi fyllast av hubro; strutsar skal bu der, og raggetroll
hoppa ikring. 22 Ulvar skal yla i borgerne og sjakalar i
vellyst-slotti. Snart stundar timen til, og dagarne skal
ikkje drygast ut.

**14** For Herren skal miskunna Jakob og endå ein
gong velja ut Israel og lata deim koma til ro i
landet deira; og utlendingar skal sameina seg med
deim og halda seg til Jakobs hus. 2 Og folkeslag skal
taka deim og føra deim heim att; men Israels hus
skal leggja deim under seg som ein arvlut i Herrens
land, og skal gjera deim til trælar og trælkvinnor. Dei
skal få fangevaktarane sine til fangar og råda yver
valdsherrarne sine. 3 På den dagen, då Herren gjev
deg kvild for di møda og din angest og frå den harde
trældomen din, som vart lagd på deg, 4 då skal du
syngja denne spottevisa um kongen i Babel og kveda:
«Kor hev ikkje valdsherren vorte still og pinestaden
tagall! 5 Herren hev brote sund staven åt dei gudlause,
kongsstaven åt hardstyrarane, 6 som slo folkeslag i
harm med slag på slag og bøygde folk under seg i
vreide og trælka deim utan nåde. 7 All jordi nyt no kvild
og ro; dei bryt ut i fagnadrop. 8 Jamvel cypressarne
gled seg yver deg, cedrarne på Libanon: «Sidan du no
ligg der, stig ingen hitupp og høgg oss ned.» 9 Helheim
der nede vert uroa for di skuld, når han skal taka imot
deg. Han vekkjer skuggarne for di skuld, alle fyrstar på
jordi; alle folkekongarne reisar seg frå sine kongsstolar.
(Sheol h7585) 10 Alle so tek dei til ords og segjer til deg:
«So er du og vorten magtlaus som me, no er du vår
like!» 11 Ned til helheimen hev din herlegdom sokke
med brusen frå dine harpor; du ligg på ei roti lega, hev
makkar til yverbreidsla. (Sheol h7585) 12 Kor er du'kje
fallen frå himmelen, du strålande morgonstjerna, kor er
du ikkje felt til jordi, du som slo ned folkeslag! 13 Det
var du som sagde i hjarta ditt: «Eg vil stiga til himmels,
høgt yver Guds stjernor vil eg reisa kongsstolen min.
Eg vil setja meg på Tingfjellet lengst uppe i nord! 14 eg
vil stiga upp um skyborgi og gjera meg lik den Høgste.»
15 Ja, til helheimen laut du fara, lengst ned i svartaste
hola. (Sheol h7585) 16 Dei som ser deg, stirer på deg,
undrast og segjer: «Er dette den mannen som skok
jordi og fekk kongerike til å skjelva, 17 han som gjorde
jordkringen til ei øydemark, jamna byarne med jordi, og
som aldri gav fangarne heimlov?» 18 Folkekongarne
dei ligg alle vyrdeleg gravlagde kvar i sitt kvilerom. 19
Men du er slengd ut, langt frå gravi di, som ei vanvyrd
grein; du ligg yverbreidd med drepne, av sverdslegne
menner - som vert kasta ned i ei steingrav - som ein
nedtrakka daudskrott. 20 Nei, du fær ikkje vera saman
med deim i gravi; for landet ditt hev du øydt og drepe
ditt folk, og aldri meir skal nemnast det nidingseldet.
21 Gjev sønerne hans til dreping for misgjerdi åt deira
feder! Ikkje skal dei få reisa seg og eigna til seg jordi
og fylla verdi med byar!» 22 Eg vil reisa meg imot
deim, segjer Herren, allhers drott, og eg skal rydja ut or
Babel både namn og leivning, både born og barneborn,
segjer Herren. 23 Eg gjer det til heim for bustyvelen,
og vil fylla det med søkkjemyrar, eg skal sopa det
burt med tynings-sopa, segjer Herren, allhers drott.
24 Herren, allhers drott, hev svore og sagt: I sanning
som eg hev tenkt, soleis skal det verta, og det eg hev
sett meg fyre, det skal hava framgang. 25 Eg vil krasa
Assur i landet mitt og trakka honom under fot på fjelli
mine. So skal oket hans verta burtteke, og byrdi hans
lyft av herdarne deira. 26 Dette er den råd som Herren
hev teke mot all jordi; og dette er den hand som er
utrett mot alle folk. 27 For Herren, allhers drott, hev
avgjort det; kven kann gjera det um inkje? Hans hand
er det som er utrett; kven kann venda henne burt? 28
Det året kong Ahaz døydde, kom denne framsegni: 29
Gled deg ikkje, alt Filistarland, for di staven som slo
deg er sundbroten! for or roti åt hoggormen skal det
koma fram ein basilisk, og hans frukt skal verta ein
fljugande eiterorm. 30 Dei armaste av dei arme skal
finna rikeleg føda, og dei fatige få kvila i trygd! men di
rot skal eg døyda med hunger, og leivningen av deg
skal drepast. 31 Jamra deg, du port! øya deg, du by!
Miss modet, alt Filistarland! For nordan ifrå kjem ein
røyk! i fiendeskararne dreg ingen seg att-or. 32 Kva
skal ein då svara sendemennerne frå heidningfolki? At

Herren hev grunnfest Sion, og at der finn armingarne i
folket hans livd.

**15** Framsegn um Moab. Ja, på ei natt vert Ar-Moab
øydelagt og gjort ende på! ja, på ei natt vert Kir-
Moab øydelagt og gjort ende på. **2** Dei stig upp til huset
og til Dibon på haugarne og vil gråta; Moab jamrar
seg på Nebo og Medeba. Kvart hovud er snaudt, kvart
skjegg avraka. **3** På gatorne sveiper dei sekk um seg,
på tak og på torg jamrar deim alle, tårorne fløymer.
**4** Hesbon og El'ale klagar høgmælt, so det høyrest
radt til Jahas. Difor jamrar og hermennerne åt Moab
seg! hans sjæl skjelv i honom. **5** Hjarta mitt klagar yver
Moab, for rømingarne hans flyr radt til Soar, til Triårs-
kviga; gråtande gjeng dei upp stigen til Luhit, og på
vegen til Horonajim jamrar dei høgt yver øydeleggjingi.
**6** Ja, Nimrimsvatni vert øydemarker, graset turkast upp,
brodden visnar, eit grønt strå er ikkje meir å sjå. **7** Difor
ber dei det som dei hev drege saman, sitt uppsparde
gods, yver Vierbekken. **8** Ja, klageropi gjeng yver alt
Moabs land; til Eglajim når deira våling, og til Be'er-
Elim når deira våling. **9** For Dimonsvatnet er fullt av
blod. Og endå meir let eg koma yver Dimon: ei løva
yver deim som er berga av Moab, yver leivningen i
landet.

**16** «Send landsherren dei lamb han skal hava frå
Sela gjenom øydemarki til fjellet åt dotteri Sion!»
**2** Liksom flaksande fuglar, som skræmde fuglungar,
skal Moabs døtter koma til vadi yver Arnon. **3** «Gjev
råd, finn utveg åt oss! Lat skuggen din vera som natti,
no midt i dagsljoset! Gjev livd åt dei burtdrivne! svik
ikkje den som flyr! **4** Lat mine burtdrivne finna tilhald hjå
deg, ver ein verneskjold åt Moab imot mordaren! For
det er ute med valdsmannen, øydeleggjingi fær ende,
og trælkaren hev fare or landet. **5** So vert kongsstolen
grunnfest ved mildskap, og det skal trygt sitja der
ein fyrste i Davids tjeld, ein domar som fer etter det
som rett er, og som fremjar rettferd.» **6** Me hev høyrt
um Moabs ovmod, det store og stolte, um hans ofse,
byrgskap og ovlæte, um hans tome skryt. **7** Difor skal
Moab jamrar yver Moab, alt landet skal jamra seg.
Yver druvekakorne i Kir-Hareset skal dei sukka i djup
ørvæna. **8** For Hesbons vinmarker hev visna, Sibma-
vintrei. Soldruvorne slo folkehovdingarne til jordi. Dei
nådde radt til Jazer, og vildra seg ut i øydemarki;
greinerne breidde seg ut, for yver havet. **9** Difor græt
eg med Jaser yver Sibma-vintrei; med tårorne mine
vil eg vatna deg, Hesbon, og deg, El'ale; for yver
din frukthaust og vinhaust hev vinpersarropet slege
ned. **10** Gleda og fagnad er kvorve or aldehagarne,
og frå vinhagarne høyrest ikkje gledesongar eller
fagnadrop; ingen trakkar druvor i persorne. Eg hev
late vinpersarropet deira tagna. **11** Difor bivrar mitt
brjost for Moab som citherstrengjer, og mitt hjarta for
Kir-Heres. **12** Og når Moab viser seg på offerhaugen
og stræver der, og han kjem til heilagdomen sin og
bed, so vinn han inkje med det. **13** Dette er det ordet
som Herren fordom hev tala til Moab. **14** Men no talar
Herren so: Innan tri år - so som ein leigekar reknar åri
- skal Moabs herlegdom og all hans store folkesverm
vera lite vyrd, og leivningen som er att, skal vera liten
og vesall, ikkje mykje verd.

**17** Framsegn um Damaskus. Damaskus skal ikkje
lenger vera ein by, det skal verta ein grushaug. **2**
Aroer-byarne skal verta folketome; hjorder skal få deim
til heim, dei skal liggja der, og ingen skræmer deim.
**3** Og det skal vera slutt med borgi i Efraim og med
kongedømet i Damaskus, med leivningen av Syria.
Det skal ganga med deim som med herlegdomen åt
Israels-borni, segjer Herren, allhers drott. **4** På den tid
vert Jakobs herlegdom vesall, og holdet hans minkar
burt. **5** Det skal ganga honom liksom når skurdmannen
grip i åkeren og armen hans skjer aksi. Det skal ganga
liksom når dei sankar aks i Refa'imsdalen. **6** Berre
ein etterhaust skal verta att, liksom når ein slær ned
ber av oljetreet, tvo, tri ber uppi toppen, ei fire, fem på
greinerne åt frukttreet, segjer Herren, Israels Gud. **7**
På den tid skal mannen venda seg til skaparen sin
og augo hans sjå upp til Israels Heilage. **8** Og han
skal ikkje lenger venda si syn til dei altar hans hender
hev gjort, og ikkje sjå på det fingrarne hans hev verka,
korkje på Astarte-bilæti eller solstolparne. **9** På den
tidi skal dei faste byarne deira verta liksom dei aude
tufter i skogarne og på høgderne, dei som dei drog
burt ifrå for Israels-borni skuld, og landet skal verta ei
øydemark. **10** For du hev gløymt Gud, frelsaren din, og
minnest ikkje ditt sterke fjell. Difor plantar du yndelege
hagar og set utlendske vintre i deim. **11** Den dagen
du plantar, set du gjerde kringum, og um morgonen
fær du plantningen til å bløma: avlen kverv på dagen
med sjukdom og ulækjeleg pinsla. **12** Høyr brusen av
mange folk! det bruser som havet bruser. Høyr dynen
av folkeslag, det dyn som velduge vatn. **13** Ja, det
dyn av folkeslag som når store vatn dynja. Men han
trugar deim, og dei flyr langt burt; dei vert føykte som
agner for vind på fjelli, dei kverv som fjom i storm. **14**
Um kvelden, sjå då er det rædsla, og innan morgonen
lyser, er han ikkje meir til. Soleis gjeng det deim som
plundrar oss, dette er luten åt deim som ranar hjå oss.

**18** Høyr, du land med dei surrande vengjer, du land
burtanfor elvarne i Ætiopia, **2** du som hev sendt
bodberarar yver havet, og i røyrbåtar yver vatnet! Gakk
av stad, de snøgge sendemenner, til det røslege folket

med glansande hud, til folket som dei ottast vida ikring,
det sterke og sigersæle folket i det landet som vert
gjenomskore av elvar! 3 Alle de som i heimsringen
byggjer og på jordi bur: Når dei reiser merke på fjelli,
so sjå til, og når luren ljomar, so høyr etter! 4 For so
hev Herren sagt til meg: Logn vil eg skoda ned frå
min bustad, liksom soli gløder ned um sumaren, og
liksom skyi sender dogg i den heite skurdtidi. 5 For
fyrr hausten er inne, just då blømingi er til ende, og
blomen fer til å mognast til druva, då skal han skjera
av rankorne med hagesigden og hogga renningarne
burt. 6 Dei skal alle saman verta gjevne åt rovfuglarne
på fjelli og åt dyri i marki; rovfuglarne skal der hava
reiri sine um sumaren, og alle dyr på marki skal hava
sitt tilhald der um vinteren. 7 På den tidi skal det berast
gåvor fram til Herren, allhers drott, frå det røslege
folket med glansande hud, frå folket som dei ottast
vida ikring, det sterke og sigersæle folket i det landet
som vert gjenomskore av elvar - til den staden der
namnet åt Herren, allhers drott, bur, til Sionsfjellet.

**19** Framsegn um Egyptarland. Sjå, Herren fer fram
på lette sky og kjem til Egyptarland. Då skjelv
avgudarne i Egyptarland for honom, og hjarta åt
egyptarane brånar i brjostet deira. 2 Og eg vil eggja
upp egyptar mot egyptar, so bror skal strida mot bror,
og ven mot ven, by mot by og rike mot rike. 3 Og vitet
åt egyptarane skal kverva or hjarta deira, og eg vil
gjera deira råd til inkjes; dei skal fretta ut avgudarne og
trollmennerne sine, og deim som manar fram draugar
og spåvette. 4 Men eg skal gjeva egyptarane i handi
på ein hard herre, og ein illrådig konge skal rikja yver
deim, segjer Herren, Allhers-Herren. 5 Og vatnet i
sjøen skal kverva, og elvi grunnast og turkast ut. 6
Elvarne skal tevja, kanalarne minka og turkast ut, røyr
og sev visna. 7 Engjarne frammed Nilen på åbakken
og alt åkerland langs åi skal turkast upp, øydast og
kverva. 8 Fiskarane klagar, og alle dei som kastar krok
i Nilen syrgjer, og dei som set ut garn i vatnet, stend
handfalne av sut. 9 Dei som yrkjer med hekla lin, vert
til skammar, og dei som vev fint kvitt ty. 10 Landsens
grunnpilarar er nedbrotne, og lønnsarbeidarane gripne
av otte. 11 Hovdingarne i Soan er som fåmar; dei
visaste millom rådsmennerne åt Farao gjev berre fåvise
råd. Korleis kann de då segja til Farao: «Eg er ein son
åt vismenner, ein son åt kongarne frå gamle dagar?»
12 Ja, kvar er då vismennerne dine, at dei kann vitra
deg um og skyna kva Herren, allhers drott, hev etla
seg til å gjera med Egyptarland? 13 Nei, hovdingarne i
Soan hev vorte dårar, fyrstarne i Nof hev vorte til narr,
dei som var hyrnesteinar for ætterne i Egyptarland,
hev ført det på villstig. 14 Herren hev gjeve deim ei
svimrings-ånd, so at dei hev ført Egyptarland vilt i
alle tiltak, liksom ein drukken mann ragar um i spyet
sitt. 15 Egyptarland skal ikkje hava framgang med
noko av sine tiltak, anten det so er hovud eller hale,
palmegrein eller sev som tek seg det fyre. 16 På
den tidi skal Egyptarland vera som kvinnor; det skal
bivra og ræddast for den lyfte handi åt Herren, allhers
drott, som han lyftar imot det. 17 Og Judalandet vert
ei rædsla for egyptarane; so ofte nokon nemner det
for deim, skal dei skjelva for den rådgjerd Herren,
allhers drott, hev tek imot deim. 18 På den dagen skal
det vera fem byar i Egyptarland som talar Kana'ans
tungemål og sver ved Herren, allhers drott, ein av
deim skal heita Ir-Haheres. 19 På den dagen skal det
vera eit altar for Herren midt i Egyptarlandet, og ein
merkestein for Herren ved landskilet. 20 Det skal vera
til merke og til vitnemål i Egyptarlandet um Herren,
allhers drott; når dei ropar til Herren um hjelp mot
trælkarar, skal han senda deim ein frelsar og verjar
og løysa deim ut. 21 Og Herren skal gjera seg kjend
for Egyptarland, og egyptarane skal kjenna Herren på
den dagen, og dei skal tena honom med slagtoffer og
grjonoffer, og gjera lovnader til Herren og halda deim.
22 So skal då Herren skal slå Egyptarland, slå, men
og lækja; og når dei vender um til Herren, skal han
bønhøyra deim og lækja deim. 23 På den dagen skal
det vera ein brøytt veg frå Egyptarland til Assyria, og
assyrarane skal koma til Egyptarland og egyptarane
til Assyria, og egyptarane skal tena Herren saman
med assyrarane. 24 På den dagen skal Israel vera
tridjemann i sambandet med Egyptarland og Assyria,
ei velsigning midt på jordi, 25 for di Herren, allhers
drott, signar deim og segjer: Signa vere du Egypt,
mitt folk, og du Assyria, verket av mine hender, og du
Israel, min arv.

**20** Det året då Tartan kom til Asdod, den gongen
Sargon, kongen i Assyria, sende honom, og han
stridde mot Asdod og hertok det - 2 på den tidi tala
Herren gjenom Jesaja, son åt Amos, soleis: «Upp,
løys din klædnad av sekkjety av lenderne dine og
drag skorne av føterne dine!» Og han gjorde soleis og
gjekk naken og berrføtt. 3 Og Herren sagde: «Liksom
tenaren min, Jesaja, hev gjenge naken og berrføtt, og
no i tri år hev vore eit teikn og eit varsel um Egyptarland
og Ætiopia, 4 soleis skal kongen i Assyria lata fangarne
frå Egyptarland, dei burtførde frå Ætiopia, både unge
og gamle, fara av stad nakne og berrføtte og med
berr bak, til skjemsla for Egyptarland. 5 Då skal dei
verta forfælte og skjemmast yver Ætiopia, som var
voni deira, og yver Egyptarland, som dei rosa seg
av. 6 Og dei som bur på denne strandi, skal segja på
den dagen: «Soleis gjekk det med deim me studde

oss til, med deim me flydde til i von um hjelp imot
assyrarkongen. Korleis kann då me koma undan?»»

**21** Framsegn um Hav-øydemarki. Som ein
framfarande storm i Sudlandet kjem det frå
øydemarki, frå det øgjelege landet. **2** Ei hard syn
er meg kunngjord: «Ransmenner ranar, hermenner
herjar. Drag upp, du Elam! Treng på, du Media! På
kvar ein sukk vil eg gjera ende på.» **3** Difor skjelv mine
lender, eg fær rider liksom ei kvinna som skal føda. Eg
er fortumla so eg ikkje kann høyra, eg er forfælt so eg
ikkje kann sjå. **4** Hjarta mitt er forvildra, rædsla vil kjøva
meg. Kveldstundi som eg trådde etter, fyller meg med
gruv. **5** Dei dukar bord, dei breider tæpet, dei et og
drikk. «Statt upp, hovdingar, salva skjoldarne!» **6** For
so sagde Herren til meg: Gakk og set ut vaktmannen;
det han fær sjå, skal han melda. **7** Og um han ser ei
skreid, ridarar par um par, ei skreid av asen, ei skreid
av kamelar, so skal han merka seg det, grant merka
seg det. **8** Og han ropa som ei løva: «Her stend eg
på vakt so lang dagen er, og vert verande på min
post natt etter natt. **9** Og sjå, no kjem her ei skreid av
menner, ridarar par um par!» Og han tok til ords og
sagde: «Falle, falle hev Babel! Alle avgudsbilæti deira
hev han krasa og kasta til jordi.» **10** Å, du mitt treskte
folk, du offer for treskjarvollen! Det eg hev høyrt av
Herren, allhers drott, Israels Gud, det hev eg meldt
dykk. **11** Framsegn um Duma. Dei ropar til meg frå
Se'ir: «Vaktmann, kva lid det med natti? Vaktmann, kva
lid det med natti?» **12** Vaktmannen svarar: «Morgonen
kjem, men natti og. Vil de spyrja meir, so spør; kom
att!» **13** Framsegn mot Arabia. I skogen i Arabia skal
de natta, de ferdafylgje av dedanitar. **14** Kom dei
tyrstande i møte med vatn, de folk frå Temalandet,
kom dei rømande til hjelp med brød! **15** For dei flyr
undan sverd, drege sverd, og undan spend boge og
undan den tunge ufreden. **16** For soleis hev Herren
sagt til meg: Um eit år, so som leigekaren reknar året,
skal det vera ute med all herlegdomen åt Kedar. **17**
Og lite skal det då vera att av bogarne åt kjemporne i
Kedar. For Herren, Israels Gud, hev tala.

**22** Framsegn um Synedalen. Kva er på ferd, sidan
alt folket ditt stig upp på taki? **2** Du bråkande,
du ståkande by, du jublande borg! Dine falne menner
er ikkje slegne med sverd, ikkje drepne i strid. **3**
Hovdingarne dine tok alle saman til rømings, utan
bogeskot let dei seg taka til fanga. Dei som fanst i
deg, hev vorte fanga alle saman, langt burt hev det
rømt. **4** Difor segjer eg: Sjå burt ifrå meg, lat meg
gråta sårt! truga ikkje trøyst på meg for at dotteri, folket
mitt, hev vorte herja! **5** For ein upprivande dag med
nedtrakking og forfjetring kjem frå Herren, Allhers-
Herren, i Synedalen; murar vert nedbrotne, naudropet
stig mot fjellet. **6** Elam tok pilehuset, han drog fram
med vogn-stridsmenner og med hestfolk; Kir nækte
skjoldarne. **7** Dei fagraste dalarne dine vart fyllt med
stridsvogner, og hestfolk tok post framfor porten. **8** Han
tok vern frå Juda. Då såg du deg um etter herbunad - i
skoghuset. **9** Og de såg at Davidsbyen hadde mange
rivnor, og de samlar upp vatnet i Nedredammen; **10**
de talde husi i Jerusalem, og de reiv ned husi og
vilde gjera muren traust. **11** Og imillom båe murarne
gjorde de ein kulp for vatnet frå Gamledammen. Men
på honom som hadde sett dette i verk, gav det ikkje
gaum; til honom som longe sidan hadde laga dette til,
såg de ikkje. **12** Herren, Allhers-Herren, kalla på den
dagen til gråt og øying, til å raka hovudet og sveipa
seg i syrgjeklæde. **13** Men her er gleda og gaman,
ukseslagting og saueslagting, kjøteting og vindrikking.
«Lat oss eta og drikka; for i morgon døyr me!» **14** Difor
ljomar openberringi frå Herren, allhers drott, i øyro
mine: Den syndi fer de ikkje sona til dess de døyr,
segjer Herren, Allhers-Herren. **15** So sagde Herren,
Allhers-Herren: «Gakk til denne drottseten Sebna, han
som stend fyre huset, og seg til honom: **16** Kva hev
du her å gjera, og kven tenkjer du å leggja her, sidan
du her høgg deg ut ei grav? Du som høgg gravi di ut
på so høg ein stad og holar deg bustad i berget, **17**
du skal vita at Herren skal slengja deg langt av leid,
du mann! Han skal rulla deg saman til ein klump; **18**
han skal vinda deg saman til eit nysta og kasta deg
som ein ball ut på vidvangen. Der skal du døy, og dit
skal dei gilde vognerne dine koma, du skamflekk for
huset åt herren din. **19** Eg vil støyta deg ned frå romet
ditt, og frå posten din skal du verta avjaga. **20** Og på
den dagen vil eg kalla på tenaren min, Eljakim, son
åt Hilkia; **21** og eg vil klæda honom i din bunad, og
beltet ditt vil eg binda um honom, og ditt rådvelde vil
eg gjeva i hans hender. Han skal vera ein far for deim
som bur i Jerusalem og for Juda-huset. **22** Og eg vil
leggja lykelen til Davids hus på herdi hans, og når han
let upp, skal ingen læsa att, og når han læser att, skal
ingen lata upp. **23** Eg set honom som ein spikar på ein
fast stad, og han skal verta eit æresete for farshuset
sitt. **24** Men so framt heile tyngdi av farshuset hengjer
seg på honom med alle sine ætlingar og frendar - alle
småkjerald, frå fati til leirkrukkorne - **25** På den dagen,
segjer Herren, allhers drott, skal spikaren i den faste
veggen losna, han skal ganga av og detta ned, og
byrdi som hekk på honom, skal krasast. For Herren
hev tala.»

**23** Framsegn um Tyrus. Jamra dykk, de Tarsis-
skip! For de er lagt i øyde, utan hus og utan
heimkoma. Frå Kittims land fær dei fretnad um det.

2 Sit tagalle, de som bur på havstrandi! Kjøpmenner
frå Sidon, sjøfarande menner, fyllte deg; 3 av sædet
i Sihor og kornet ved Nilen gjorde du deg vinning,
med di du for yver store vatn og dreiv handel millom
folki. 4 Men statt no der med skam, du Sidon; for so
segjer havet, havborgi: «Eg hev ikkje vore barnsjuk og
hev ikkje født born, ikkje ale unge menner eller fostra
ungmøyar.» 5 Når dei fær høyra dette i Egyptarland, so
bivrar dei ved fretnaden um Tyrus. 6 Far yver til Tarsis
og jamra dykk, de som bur på havstrandi. 7 Er dette
dykkar glade by, som rekna upphavet sitt frå eldegamle
dagar, og som av føterne sine vert boren til land langt
burte til å vera gjest der? 8 Kven hev tenkt ut dette mot
Tyrus, mot henne som deilte ut kongekrunor - der som
kjøpmennerne var fyrstar og kræmarane høyrde med til
stormennerne på jordi? 9 Herren, allhers drott, er den
som hev tenkt det ut, han vilde vanhelga all skrøytande
herlegdomen og vanæra alle desse stormennerne. 10
Flød yver landet ditt, liksom Nilelvi, du dotter Tarsis! Du
hev ingi demming meir. 11 Han rette ut handi si yver
havet, han fekk kongeriki til å skjelva. Herren baud
at borgerne i Kana'ans-landet skulde øydeleggjast.
12 Han sagde: «Du skal ikkje meir få gama deg, du
valdtekne møy, dotter Sidon. Tak ut og far yver til
Kittim, ikkje heller der skal du finna kvild. 13 Sjå landet
åt kaldæarane, eit folk som ikkje var til, Assur gjorde
grenderne deira til bustad for villdyri. Dei reiser no upp
hertårni sine, dei riv ned slotti i byen og gjer honom til
ein grushaug. 14 Jamra dykk, de Tarsis-skip, for borgi
dykkar er lagd i øyde.» 15 På den dagen skal Tyrus
gløymast i sytti år, ein kongealder; men når sytti år
er lidne, skal det ganga med Tyrus som det heiter i
visa um skjøkja: 16 «Tak din cither og gakk umkring i
byen, du gløymde skjøkja! Spel fagert, og syng trottugt,
so dei kann koma deg i hug!» 17 Når dei sytti åri er
lidne, skal Herren gjesta Tyrus, og ho skal atter få
fara til å taka imot skjøkjeløn og driva utukt med alle
kongeriki på den vide jord. 18 Men handelsvinsten
hennar og skjøkjeløni skal verta helga åt Herren. Det
skal ikkje leggjast upp eller gøymast, men dei som bur
for Herrens åsyn, skal av denne vinsten hava rikeleg
føda og prydelege klæde.

**24** Sjå, Herren tømer jordi og øyder henne, han
brigder hennar skapnad, og spreider deim som
bur på henne. 2 Då gjeng det presten som folket,
trælen som herren hans, trælkvinna som frua hennar,
kjøparen som seljaren, utlånaren som lånaren, okraren
som skuldmannen hans. 3 Tømd, ja uttømd skal jordi
verta og plundra, ja plundra. For Herren hev tala dette.
4 Jordi fauskast og folnar, jordheimen ormegtast og
armast. Storingarne på jordi ormegtast. 5 Og jordi er
vanhelga under deira føter som bur der. For dei hev
brote loverne, rengt retten, brote den ævelege pakti.
6 Difor øyder forbanning jordi, og bøta lyt ibuarane.
Difor vert jordbuarne brende burt, so få folk vert leivde.
7 Druvesafti tek skade, vintreet visnar; sukka lyt alle
hjarteglade. 8 Det er slutt med den glade ljod av
trummor og slutt med ståket av deim som jublar. Det
er slutt med gleda ved klangen av cither. 9 Syngjande
tømer dei ikkje vinstaupet meir; beisk er drykken for
deim som drikk. 10 Nedbroten er den aude byen;
stengt er kvart hus, so ingen kann ganga inn. 11 Dei
skrik på gatorne yver vinen, all gleda er burte, landlyst
er gaman or landet. 12 Berre øyding er leivd i byen, og
porten ligg krasa i røys. 13 For soleis skal det ganga
til midt millom folki på jord, liksom når oljeber vert
nedslegne, som ved etterhaustingi, når det er slutt med
vinbergingi. 14 Dei, dei skal lyfte røysti si og ropa med
fagnad; yver Herrens herlegdom skal dei frå havet
fegnast. 15 «Æra difor Herren, de i Austerland, namnet
åt Herren, Israels Gud, de på havsens øyar.» 16 Frå
ytste jaren åt jordi høyrer me lovsong: «Æra vere den
rettferdige!» Men eg segjer: Eg gjeng til, eg gjeng til,
usæl eg! Ransmenner ranar, ja ransmenner gjer ran.
17 Gruv og grav og gildra yver deg, du som bur på jordi!
18 Og det skal henda at den som flyr for det gruvelege
bråket, skal falla i gravi, og den som kjem upp or
gravi, skal verte fanga i gildra. For himmelslusorne er
opna, og grunnvollarne åt jordi skjelv. 19 Jordi brest og
knest, jordi rivnar og klovnar, jordi skjek og skjelv. 20
Skjangla skal jordi som drukken mann, svaga som eit
gjætarskjol, misgjerdi hennar skal tyngja henne ned,
og ho skal falla og ikkje reisa seg meir. 21 Og det
skal henda på den dagen at Herren skal heimsøkja
høgheimsheren i høgdom og jordkongarne nedpå jordi,
22 og dei skal sankast som fangar i hola og setjast
fast i fangehuset, og etter mange dagar skal dei få si
straff. 23 Og månen skal blygjast og soli skjemmast.
For Herren, allhers drott, råder på Sionsfjellet og i
Jerusalem, og framfor augo på hans styresmenner er
det herlegdom.

**25** Herre, du er min Gud; eg vill upphøgja deg, eg
vil prisa namnet ditt. For du hev gjort underverk.
Dine råd frå forntidi er sanne og trufaste. 2 For du hev
gjort ein by til ei steinrøys, ein fast by til ein grusdunge,
framande slott, so dei ikkje meir er ein by. Aldri meir
skal dei verta uppbygde. 3 Difor skal eit vilt folk æra
deg, den illharde heidningbyen ottast deg. 4 For du hev
vore ei vern for vesalmannen, ei vern for fatigmannen i
naud, eit skjol mot skolregn, ein skugge for hiten. For
valdsmenns frøsing er som skolregn mot veggen. 5
Og som hiten i ovturken, soleis døyver du bråket åt dei
framande; ja, liksom hiten i skuggen av ei sky, soleis

døyver du songen av valdsmenner. 6 Og Herren,
allhers drott, skal på dette fjellet bu til eit gjestebod for
alle folk, eit gjestebod med feite retter, eit gjestebod
med gamall vin, med feite mergfulle retter, med gamall
avklåra vin. 7 Og han skal på dette fjellet riva sund
sløret som sveiper seg ikring alle folki, og det sveipet
som ligg yver heidningfolki. 8 Han skal gjera dauden til
inkjes for all æva, og Herren, Herren skal turka tårorne
av alle andlit, og sitt folks vanæra skal han taka burt
frå all jordi. For Herren hev tala. 9 Og den dagen skal
dei segja: «Sjå der er vår Gud! Me vona på honom, at
han skulde frelsa, dette er Herren som me vona på.
Lat oss frygda oss og fegnast i frelsa hans. 10 For
handi åt Herren skal kvila yver dette fjellet. Moab skal
verta nedtrakka der han er, liksom halm vert trakka
ned i mykjavatn. 11 Og han skal breida ut henderne
i det liksom ein symjar breider deim ut og vil symja.
Men han skal stagga storlætet hans til tråss for sløgdi
av hans hender. 12 Og dei høgmura borgerne dine
skal han riva ned, grunnsturta, jamna med jordi so dei
ligg i dusti.»

**26** På den dagen skal dei syngja denne songen
i Judalandet: «Ein sterk by hev me. Frelsa set
han til mur og vern. 2 Lat upp portarne, so der må få
ganga inn eit rettferdigt folk, som varar truskap. 3 Åt
den som er hugfast, varar du stendig fred; for på deg
lit han. 4 Lit då på Herren allstødt! For Herren, Herren
er eit æveleg berg. 5 For han gjer deim ringe som hev
fest bu i høgddom, støyter ned den grunnfeste byen,
sturtar han til jordi, heilt ned i moldi. 6 Føter trakka
honom ned, føter av vesalmenn, fet av armingar. 7
Men vegen åt den rettferdige er jamn. Veg åt den
rettferdige jamnar du.» 8 På dine domars veg ventar
me deg, Herre. Namnet ditt og minnet ditt dreg vår
sjæl. 9 Mi sjæl kjenner seg dregi til deg um natti;
og åndi i meg leitar etter deg. For straks domarane
dine råkar jordi, lærer jordbuarne rettferd. 10 Fær den
gudlause nåde, so lærer han ikkje rettferd. Då gjer
han urett i det rettvisaste landet, og Herrens høgd ser
han ikkje. 11 Herre, høgt er handi di lyft, men dei ser
det ikkje. Lat deim sjå brennhugen din for folket og
skjemmast. Ja, eld øydde uvenerne dine! 12 Herre, du
skal hjelpa oss til fred. For alle verki våre hev du verka.
13 Herre, vår Gud! Andre herrar enn du hev rådt yver
oss. Einast ved deg prisar me namnet ditt. 14 Daude
livnar ikkje, skuggar stend ikkje upp. Difor heimsøkjer
og øydelegg du deim og gjer til inkjes minnet um deim.
15 Du auka folket, Herre! Du auka folket, og synte deg
herleg. Du hev flytt alle grensesteinarne åt landet langt
ut. 16 Herre, i naudi leita dei etter deg. Dei sende upp
stille bøner, då refsingi kom yver deim. 17 Liksom ei
kvinna som er med barn, vrid seg og skrik i riderne når
ho skal føda, soleis gjekk det oss for din vreide skuld,
Herre. 18 Me var med barn, me hadde rider; då me
fødde, var det vind. Berging har me ikkje til landet, og
jordbuar vart ikkje fødde. 19 Dine daude skal verta
livande, mine lik skal standa upp. Vakna og fegnast,
de som bur i moldi. For ei ljossens dogg er di dogg; og
jordi føder daudingar av seg. 20 Gakk då, mitt folk,
inn i kovarne dine, og lat att dørerne etter deg! Gøym
deg ein augneblink, til dess vreiden gjeng yver. 21 For
sjå, Herren gjeng ut frå bustaden sin og vil heimsøkja
jordbuarne for deira misgjerder skuld, og jordi skal
syna fram sitt utrende blod og ikkje meir dylja sine
drepne.

**27** På den dagen skal Herren med sverdet sitt, det
harde og store og sterke, heimsøkja Livjatan, den
flogsnare ormen, og Livjatan, den krøkjande ormen, og
han skal drepa sjøormen. 2 På den dagen skal de
finnast ein yndeleg vingard, syng um honom: 3 «Eg,
Herren, er vaktaren hans. Kvar augneblink vatnar eg
honom, at ikkje nokon skal heimsøkja honom, vaktar
eg honom dag og natt. 4 Vreide hev eg ikkje; men vilde
tornar og tistlar reisa seg til krig, skulde eg gå laus på
deim, brenna deim heilt upp - 5 utan so dei vilde fly til
mi vern, gjera fred med meg, ja gjera fred med meg.»
6 I komande dagar skal Jakob røta seg, Israel bløma
og få renningar og fylla jordheimen med si frukt. 7
Hev han slege honom liksom han slo plågaren hans?
Eller vart han myrd liksom mordarane hans vart det?
8 Med måte refste du henne, med du sende henne
burt. Han dreiv henne burt med sitt harde ver, den
dagen austanvinden bles. 9 Difor vert og misgjerdi
åt Jakob utsona, og det at syndi vert burtteki, fær
gjeva fullmogi frukt, når alle altarsteinarne vert krasa
som kalksteinar, og Astarte-bilæti og solstolparne ikkje
reiser seg meir. 10 For den faste byen ligg i øyde, ein
folketom bustad, aud som øydemarki. Kalvar beiter der
og hev der si lega og et av kvisterne. 11 Når greinerne
hev vorte turre, bryt dei deim av, kvinnfolki nører upp
eld med deim. For dette er ikkje noko vitugt folk. Difor
miskunnar deira skapar deim ikkje, og han som laga
deim, er deim ikkje nådig. 12 Og det skal henda på
den dagen, at Herren skal halda ei frukthausting alt frå
Storelvi til Egyptarlands-bekken, og de, Israels born,
skal verte sanka, ein for ein. 13 Og det skal henda
på den dagen at dei skal blåsa i ein stor lur, og då
skal dei koma dei burtkomne i Assurs land og dei
burtdrivne i Egyptarlandet, og dei skal tilbeda Herren
på det heilage fjellet i Jerusalem.

**28** Usæl den stolte kruna åt dei drukne i Efraim og
den folnande blomen, den fagre prydnad som
brikjer yver den feite dalen, der dei ligg dauddrukne av

vin. 2 Sjå, ein sterk og veldug sender Herren, lik ein
hagleling, ein øydande storm, lik eit fløde av velduge,
yverfløymande vatn, som slær alt til jordi med magt. 3
Med føter skal ho verta nedtrakka, den stolte kruna åt
dei drukne i Efraim! 4 Og den folnande blomen, den
fagre prydnaden, som brikjer yver den feite dalen, skal
verta som den tidlege fika, fyrr sumaren er komen - so
snart ein ser henne, so set ein henne til livs medan ein
endå held henne i handi. 5 På den dagen vert Herren,
allhers drott, ei fager krune og ein storgild krans for
leivningen av sitt folk, 6 og ei doms ande for deim som
sit til doms, og styrke for deim som driv krigen attende
til porten. 7 Men ogso desse ragar av vin og skjanglar
av sterk drykk. Prest og profet ragar av sterk drykk,
er dauddrukne av vin, skjanglar av sterk drykk. Dei
ragar i syni, dei skjanglar i domen; 8 for alle bordi er
fulle av ufyselegt spy, det finst ikkje ein rein flekk. 9
«Kven er det han vil læra, og kven er det han vil få til
å høyra på seg? Er det born som nett er avvande,
tekne frå brjostet? 10 For gnag og gnag, gnag og
gnag, gnål og gnål, gnål og gnål, noko her og noko der
fer han med.» 11 Ja vel, med stamande lippor og i
eit framandt tungemål skal han tala til dette folket, 12
han som sagde til deim: «Dette er ro, lat den trøytte
få kvila, og dette er kvila.» Men dei vilde'kje høyra.
13 So skal då Herrens ord verta deim gnag og gnag,
gnag og gnag, gnål og gnål, gnål og gnål, noko her,
noko der, so dei skal ganga og detta baklenges og
verta sundbrotne og bundne og fanga. 14 Difor, høyr
Herrens ord, de spottarar, de herrar yver dette folket
som er i Jerusalem! 15 For de segjer: «Me hev gjort ein
avtale med dauden og eit samband med helheimen;
når den susande svipa fer fram, skal ho ikkje nå oss;
for me hev gjort lygni til livd og svikråd til skjol.» **(Sheol
h7585)** 16 Difor, so segjer Herren, Herren: Sjå, eg er
den som hev grunna i Sion ein stein, ein prøvd stein,
ein dyrverdig fast grunna hyrnestein; den som trur, tek
det med ro. 17 Eg gjer rett til mælesnor og rettferd
til lodd, og hagl skal riva burt lygnlivdi, og skylet skal
vatnet skylja burt. 18 Og dykkar avtale med dauden
skal verta stroken, og dykkar samband med helheimen
skal ikkje standa fast. Når den susande svipa fer fram,
skal de verta nedslegne. **(Sheol h7585)** 19 Kvar gong
ho fer fram, skal ho riva dykk burt. For kvar morgon
skal ho fara fram, um dagen og um natti, og den reine
skræma vert det når de lyt agta på bodskapen. 20 For
sengi er for stutt til å strekkja seg i, og åklædet er for
smalt til å sveipa seg i. 21 For Herren skal reisa seg
liksom ved fjellet Perasim, han skal harmast liksom i
dalen ved Gibeon; han skal gjera sitt verk, eit underlegt
verk, han skal gjera sitt arbeid, eit sjeldsynt arbeid. 22
Og no, lat vera med å spotta, so bandi dykkar ikkje må
verta stramare! For um øyding og fastsett straffedom
hev eg høyrt frå Herren, Allhers-Herren, yver heile
jordi. 23 Vend øyra til og høyr mi røyst, gjev gaum og
høyr kva eg segjer! 24 Når plogmannen vil så, held
han då stødt på med å pløgja og fora og horva? 25 Når
han hev jamna åkeren, spreier han ikkje då svartkarve
og sår kryddekarve og set kveite i rader og bygg på
avmerkte stader og spelt i kantarne? 26 Hans Gud hev
synt honom den rette måten, han lærde honom det.
27 For ein treskjer ikkje svartkarve med treskjeslede,
rullar ikkje vognhjul yver kryddekarve; men med stav
bankar ein svartkarve, og kryddekarve med kjepp. 28
Vert brødkorn krasa? Nei, ein treskjer det ikkje stødt,
og når ein driv sine vogn og hestar yver det, so knusar
ein det ikkje. 29 Ogso dette kjem frå Herren, allhers
drott. Han er underfull i råd, stor i visdom.

**29** Usæl, Ariel, Ariel, du by der David slo læger!
Legg år til år, lat høgtiderne ganga sin rundgang!
2 Då vil eg gjera det trongt for Ariel, og der skal
vera sorg og jammer. Men då skal det verta meg eit
verkelegt Ariel. 3 Eg vil slå læger rundt ikring deg,
og eg vil ringa deg inne med vaktpostar og kasta upp
vollar imot deg. 4 Då skal du tala lågmælt frå jordi, og
frå moldi skal du mulla fram ordi dine, og røysti di skal
høyrast frå jordi liksom frå ein som manar draugar, og
frå moldi skal talen din kviskra. 5 Men so skal mengdi
av fiendarne dine verta som dumba, og mengdi av
valdsmennerne som fjukande agner, og det skal henda
i ein augneblink, dåtteleg. 6 Frå Herren, allhers drott,
skal heimsøkjing koma med bulder og bråk og med
veldug dyn, vindkast og storm og øydande eld. 7 Og
mengdi av alle dei heidningfolki som strider mot Ariel,
skal verta som ein draum, ei syn um natti, alle dei
som strider mot det og borgi i det, og som trengjer
seg inn på det. 8 Og det skal ganga liksom når den
svoltne drøymer og tykkjer han et, men når han vaknar,
då er han tom, og liksom når den tyrste drøymer og
tykkjer at han drikk, men når han vaknar, sjå, då er
han magtlaus, og sjæli hans ormegtast; soleis skal det
ganga alle dei mange heidningfolki som strider mot
Sionsfjellet. 9 Stir på kvarandre og vert øre! Gjer dykk
blinde og vert blinde! De er drukne, men ikkje av vin;
de ragar, men ikkje av sterk drykk. 10 For Herren hev
rent ut yver dykk ein djup svevns ande, og han hev
late att dykkar augo, profetarne, og sveipt yver dykkar
hovud, sjåarane. 11 Og soleis hev syni av alt i hop
vorte dykk som ordi i ei forsigla bok; rettar ein henne
til ein som er lesekunnig og segjer: «Les dette!» so
segjer han: «Eg kann ikkje, for ho er forsigla.» 12 Eller
ein retter boki til ein som ikkje skynar skrift og segjer:
«Les dette!» so segjer han: «Eg skynar ikkje skrift.» 13
Og Herren segjer: Etter di dette folket held seg nær til

meg med munnen og ærar meg med lipporne sine,
men held hjarta sitt langt burte frå meg, og deira otte
for meg er eit menneskjebod som dei hev lært, 14
sjå, difor vil eg halda ved med å fara underleg åt med
dette folket, underleg og ovunderleg, og visdomen
åt deira vise skal forgangast, og vitet åt deira vituge
menner skal løyna seg. 15 Usæle dei som vil løyna
i dypti for Herren det som dei hev fyre seg, og som
gjer i myrkret gjerningarne sine, og som segjer: «Kven
ser oss, og kven kjenner oss?» 16 Å, kor bakvendt!
Er pottemakaren å rekna lik med leiret hans, so det
han hev gjort, kunde segja um honom som gjorde det:
«Han hev ikkje gjort meg, » og det som er laga, segja
um honom som laga det: «Han hev ikkje vit på det?»
17 Er det ikkje endå ei liti stund, so skal Libanon verta
til ein frukthage og frukthagen verta rekna som skog?
18 Og på den dagen skal dei daude høyra ordi i boki,
og ut frå dimma og myrker skal augo åt dei blinde
sjå, 19 Og dei spaklyndte skal gleda seg dess meir i
Herren, og dei fatigaste millom menneskjom fegnast i
Israels Heilage. 20 For burte er valdsmannen, og ute
er det med spottaren, og utrudde er alle som er årvake
til å gjera urett, 21 dei som gjer folk til syndarar for
eit ord skuld, og legg snaror for den som skipar rett
på tinget, og som med uppdikt rengjer retten for den
rettferdige. 22 Difor, so segjer Herren so til Jakobs hus,
han som løyste ut Abraham: No skal Jakob ikkje verta
til skammar, og no skal han sleppa verta bleik i andlitet
sitt. 23 For når han og borni hans ser det mine hender
hev gjort midt ibland deim, då skal dei helga namnet
mitt, og dei skal helga Jakobs Heilage, og Israels Gud
skal dei ottast. 24 Og dei som for vilt i si ånd, skal læra
vit, og dei som knurrar, skal taka mot lærdom.

**30** Usæle dei tråssuge born, segjer Herren, som
fullfører råd som ikkje er frå meg, og gjer
samband utan min ande, so dei legg synd til synd, 2
som fer av stad til Egyptarland, og hev ikkje spurt etter
mitt ord - dei vil verna seg med Faraos vern og finna
livd i skuggen av Egyptarland! 3 Men Faraos vern skal
verta dykk til skam, og livdi i skuggen av Egyptarland
til skjemd. 4 For fyrstarne deira er komne til Soan,
og sendebodi hans når til Hanes; 5 alle vert dei til
skammar ved eit folk som ikkje gagnar deim, ikkje er
til hjelp og til bate, men både til skam og skjemd. 6
Framsegn um udyret i Sudlandet. Gjenom eit land med
naud og trengsla, der løvemor og løva, hoggorm og
fljugande eiterorm hev heimen sin, fører dei eigedomen
sin på asenrygg og på kamelrugg skattarne sine til
eit folk som ikkje gagnar. 7 Slett ikkje og aldri vil
Egyptarland hjelpa; difor kallar eg det: «Storskrytaren
som sit still». 8 Gakk no inn, skriv det på ei tavla
medan dei ser på, og teikna det inn i ei bok, so det
kann vera for komande dagar, for alltid, til æveleg tid!
9 For det er eit tråssugt folk, ljugarborn, born som ikkje
vil høyra Herrens lov, 10 som segjer til sjåarane: «De
skal ikkje sjå, » og til deim som skodar: «De skal ikkje
skoda for oss det som rett er. Tala smeikjande til oss,
skoda synkvervingar, 11 vik burt frå vegen, bøyg av frå
råsi, få Israels Heilage burt frå augo våre!» 12 Difor,
so segjer Israels Heilage: «Etter di de vandar dette
ordet, og lit på vald og krokvegar og styd dykk på
det, 13 difor skal denne misgjerdi verta dykk som ein
falleferdig mole, som hev rivna ut or ein høg mur, og
som brått kann verta nedbroten i ein augneblink. 14
Han vert krasa, liksom ein krasar krusty, som ein utan
skonsel slær sund, so det millom molarne ikkje finst eit
brot til å henta eld med frå gruva eller ausa vatn med
av brunnen. 15 For so segjer Herren, Herren, Israels
Heilage: Dersom de vender um og held dykk stille, skal
de verta frelste, i stilla og i tillit skal dykkar styrke vera.
Men de vilde ikkje. 16 De sagde: Nei, men på hestar
vil me fljuga» - difor skal de fly - «og på snøggføtte vil
me rida» - difor skal forfylgjararne dykkar verta snøgge
-. 17 Eit tusund skal røma for trugsmål frå ein; og for
trugsmål frå fem skal de røma, til dess dykkar leivning
er lik ei flaggstong på toppen av eit fjell og eit merke
på ein haug. 18 Og difor biar Herren med å vera dykk
nådig, og difor held han seg langt burte i det høge
med si miskunn mot dykk; for Herren er doms Gud,
sæle er alle dei som biar på honom. 19 For du folk
som bur på Sion, i Jerusalem, du må ikkje gråta meir;
han vil vera deg nådig når du ropar um hjelp; når han
høyrer det, svarar han deg. 20 Herren skal gjeva dykk
trengsels-brød og fengsels-vatn, og då skal lærarane
dine ikkje meir løyna seg, men augo dine skal sjå
lærarane dine, 21 og øyro dine skal høyra eit bak deg,
soleis: «Dette er vegen, gakk på den!» - når det vik av
til høgre, og når de vik av til vinstre. 22 Og du skal
halda for ureint sylvplatorne på dine utskorne bilæte
og gyllingi på ditt støypte bilæte, du skal kasta deim
burt som skarn. «Ut med deg!» skal du segja til det. 23
Då skal han gjeva regn for ditt sæde, som du sår i
jordi, og brød av grøda på jordi, og det skal vera både
kraftigt og saftigt; den dagen skal bufeet ditt beita på ei
vid eng. 24 Og uksarne og asni, som arbeider jordi,
skal eta salta blandingsfôr, som vert kasta med skufl
og kastegreip. 25 Og på kvart høgt fjell og på kvar
høg bakke skal det vera bekkjer, straumar av vatn, på
den store slagtedagen, når tårn fell. 26 Og måneljoset
skal verta som solljoset, og solljoset skal verta sjufaldt,
som ljoset for sju dagar, den dagen då Herren bind
um bråtet som folket hans hev fenge, og lækjer såret
av slaget det fekk. 27 Sjå, Herrens namn kjem langt
burtanfrå, brennande er vreiden hans, og svær er

røyken som stig upp; lipporne hans svell av harm, og
tunga hans er som øydande eld, 28 og vreidepusten
hans er som ei yverfløymande bekk, som når til halsen;
han vil sælda heidningfolki i tyningssåldet og leggja
eit vildringsbeisl i munnen åt folki. 29 Dykkar song
skal ljoda som i den natti då høgtidi vert innvigd, og
det skal vera hjartans gleda, som når dei gjeng med
fløytespel upp til Herrens fjell, til Israels berg. 30 Og
Herren skal lata si velduge røyst ljoda og syna sin
nedfarande arm i vreid harm og øydande eldsloge,
støytregn og sturtregn og hagl. 31 For røysti åt Herren
skal Assur verta forfærd, han som slær honom med
staven. 32 Og kvar gong straffestaven som Herren
let falla på honom, fer ned, skal det ganga fyre seg
med klang av trummor og cithrar, og i stridar mot det
med svingande arm. 33 For ei brandtuft er tilbudd
longe; ogso for kongen er ho tilbudd, djup og vid; bålet
hennar hev eld og ved i mengd; anden åt Herren, lik
ein svåvelstraum, set det i brand.

**31** Usæle dei som fer ned til Egyptarland etter hjelp
og stolar på hestar og lit på vogner, for di dei er
so mange, og på hestfolk, for di dei er so mannsterke,
men ikkje skodar etter Israels Heilage og ikkje søkjer
Herren! 2 Men han og er vis og let ulukka koma, og
ordi sine tek han ikkje i seg att, men han reiser seg
mot huset åt dei vonde og mot deim som er hjelp for
illgjerdsmenner. 3 Og egyptarane er menneskje og
ikkje Gud, og deira hestar er kjøt og ikkje ånd, og
Herren skal retta ut handi si, og hjelparen skal snåva,
og den som hev fenge hjelp, falla, og dei skal alle
saman ganga til grunns. 4 For so sagde Herren til
meg: Liksom ei løva og ei ungløva burar yver rovet
sitt, når ein flokk hyrdingar sankar seg imot henne, og
ho skræmest ikkje av skriket deira og vert ikkje rædd
for ståket, soleis skal Herren, allhers drott, fara ned
og strida mot Sions fjell og mot høgdi der. 5 Liksom
flaksande fuglar, soleis skal Herren, allhers drott, verja
Jerusalem, verja og frelsa, ganga framum og berga.
6 Vend um til honom som de er so djupt falne frå,
de Israels-born! 7 For på den dagen skal dei kasta
frå seg kvar sine sylvgudar og gullgudar, som dykkar
hender hev gjort dykk til synd. 8 Og Assur skal falla for
eit sverd som ikkje høyrer ein mann til, og eit sverd
som ikkje høyrer eit menneskje til, skal øyda honom,
og han skal røma for sverdet, og hans unge menner
skal verta trælar. 9 Og berget hans skal røma for
rædsla, og fyrstarne hans skal skræmast burt ifrå fana
si, segjer Herren, som hev elden sin i Sion og omnen
sin i Jerusalem.

**32** Sjå, med rettferd skal kongen råda, og
hovdingarne skal styra etter rett, 2 og kvar ein
av deim skal vera som eit skyle for veret og ei livd
mot sturtregn, som vatsbekkjer på ein turr stad, som
skuggen av eit veldugt berg i eit uppturka land. 3 Då
skal augo åt deim som ser ikkje vera blinde, og øyro åt
deim som høyrer, skal vera grannhøyrde, 4 hjarto åt
dei tankelause skal evla skyna, og tunga åt dei stame
skal hava lett for å tala klårt. 5 Dåren skal ein ikkje
meir kalla gjæv, og den innfule skal ein ikkje kalla
hugstor. 6 For dåren talar dårskap, og hjarta hans finn
på vondt; han gjer vanheilag gjerd, og talar forvende
ting um Herren, han let den hungrige svelta og let den
tyrste vanta drikka. 7 Og våpni åt den innfule er vonde;
han tenkjer ut meinråder, til å føra dei spaklyndte i
ulukka med falske ord, og det når den fatige talar det
som rett er. 8 Men gjævingen hev gjæve tankar, og
han stend fast ved det som gjævt er. 9 De sorglause
kvinnor, statt upp og høyr det eg segjer! De trygge
døtter, vend øyra dykkar til min tale! 10 Um år og
dag skal de skjelva, de trygge! For det er ute med
vinhausten, frukhausten kjem ikkje. 11 Vert forfærde,
de sorglause; skjelv, de trygge! Klæd dykk og næk
dykk, og umgyrd dykkar lender! 12 Dei slær seg for
bringa yver dei fagre marker, yver det fruktrike vintreet,
13 yver jordi åt mitt folk, der tornar og tistlar skyt upp,
ja, yver alle gledehus, den morogalne byen. 14 For
borgi er tom, mugen i byen er burte. Haug og vakttårn
hev vorte til holor for ævelege tider, til frygd for villasen,
til beite for bølingar - 15 til dess åndi vert utrend yver
oss frå det høge, og øydemarki vert til ein frukthage,
og frukthagen vert rekna som skog. 16 Og rett skal bu i
øydemarki, og rettferd skal hava sin heim i frukthagen.
17 Og rettferds verk skal vera fred, og rettferds frukt
ro og tryggleik til æveleg tid. 18 Og folket mitt skal
bu i freds bustad og i tryggleiks tjeld og på sorgfrie
kvilestader. 19 Men det skal hagla når skogen fell, og
djupt skal byen søkka ned. 20 Sæle er de som sår
attved alle vatn, som let uksen og asnet vera på frifot!

**33** Usæl du tynar som ikkje sjølv hev vorte tynt, og
du ransmann som ingen hev rana ifrå! Når du er
ferdig med å tyna, skal du sjølv verta tynt; når du hev
slutta med å rana, skal andre rana frå deg. 2 Herre,
ver oss nådig! Etter deg biar me; ver armen vår kvar
morgon, ja vår frelsa i nauds tid! 3 For torerøysti rømer
folki; når du reiser deg, vert heidningarne spreidde. 4
Fengdi dykkar vert sanka, liksom skavaren sankar;
liksom engsprettorne spring, spring dei etter det. 5
Upphøgd er Herren, for han bur i det høge; han
fyller Sion med rett og rettferd. 6 Trygge tider skal
koma for deg, ein fullnad av frelsa, av visdom og
kunnskap; otte for Herren skal vera skatten åt det. 7
Høyr kjemporne deira skrik der ute, fredsbodi græt

sårt. 8 Ålmannvegarne er aude, ferdafolk er der'kje
meir - han hev brote pakti, vanvyrdt byarne, ikkje vyrdt
noko menneskje. 9 Landet folnar, visnar; Libanon
stend skjemd, folnar burt; Saron er som den aude
mark; og Basan og Karmel rister lauvet av seg. 10 No
vil eg standa upp, segjer Herren, no vil eg reisa meg,
no vil eg gjera meg høg. 11 De skal ganga umhender
med strå og føda halm; dykkar frøsing er ein eld som
skal øyda dykk. 12 Og folkeslag skal verta brende til
kalk - avskoren klunger som vert uppbrend med eld.
13 Høyr, de som er langt undan, kva eg hev gjort, og
de som er nær, kjenn min styrke! 14 Syndarar skjelv
på Sion, skjelte hev teke dei vanheilage: «Kven kann
bu ved ein øydande eld? Kven kann bu ved ævelege
bål?» 15 Den som ferdast i rettferd og talar det som
rett er, som ikkje vyrder urettferdig vinning, som held
sine hender frå å taka mutor, stappar øyro att og vil
ikkje høyra blodråd, og som let augo att og vil ikkje sjå
på vondt, 16 han skal bu på høge stader, fjellborger er
hans vern; brødet vert gjeve honom, vatnet tryt ikkje
for honom. 17 Augo dine skal skoda kongen i hans
fagerdom, dei skal sjå eit vidsveimt land. 18 Hjarta ditt
skal minnast rædsla: «Kvar er han som skreiv upp?
Kvar er han som vog pengarne? Kvar er han som
talde tårni?» 19 Det ville folket skal du ikkje meir sjå,
folket med det vande målet som ein ikkje kann skyna,
med den stamande tunga som ein ikkje kann tyda. 20
Sjå på Sion, byen for våre høgtidsstemnor! Augo dine
skal i Jerusalem sjå ein trygg bustad, eit fjell som ikkje
vert flutt; pålarne vert æveleg ikkje upprykte, og ikkje
ei av snorerne vert sundslitne. 21 Men der skal me
hava ein veldug, Herren - i staden for breide åer og
elvar; ingi rorskuta skal fara der, og ikkje noko veldugt
langskip. 22 For Herren er domaren vår, Herren er
vår lovgjerar, Herren er kongen vår, han skal frelsa
oss. 23 Slakke heng togi dine, dei evlar ikkje stydja
mastri, dei held ikkje seglet utspent - då vert herfang
bytt i mengd, jamvel dei lame ranar ran. 24 Og ingen
ibuar skal segja: «Eg er sjuk.» Folket som bur der, hev
fenge si misgjerd forlati.

**34** Kom hit, de folk, og høyr, og de folkeslag, gjev
gaum! Jordi høyre og det som fyller henne,
jordheimen og alt som veks der! 2 For Herrens vreide
er yver alle folki, og harmen hans yver all deira her.
Han bannstøyter deim, gjev deim til slagting. 3 Og
deira ihelslegne skal verta burtslengde, og teven av liki
deira skal stiga upp, og fjelli skal fljota av blodet deira.
4 Og heile himmelheren skal kverva, og himlarne verta
ihoprulla som ei boki, og all heren deira skal visna
burt, som bladet fell av vintreet og det visne lauvet
av fiketreet. 5 For sverdet mitt hev vorte drukke i
himmelen. Sjå, yver Edom skal det fara ned og yver
mitt bannstøytte folk til dom. 6 Sverdet åt Herren er fullt
av blod, gjødt med feitt, med blod av lamb og bukkar
og med nyrefeitt av verar. For ei offerslagting held
Herren i Bosra og ei stor nedslagting i Edomlandet. 7
Og villuksar skal sturta saman med deim, og stutar
saman med sterke uksar, og landet deira skal verta
drukke av blod, og jordi deira hævda med feitt. 8
For Herren held ein hemnardag og eit attergjeldsår
for Sions sak. 9 Og bekkjerne i det skal verta til bik,
og moldi til svåvel, og markerne i det skal verta til
brennande bik. 10 Korkje natt eller dag skal det slokna,
i all æva skal røyken frå det stiga upp; frå ætt til ætt
skal det liggja i øyde, i all æva er det ingen som fer
igjenom det. 11 Og pelikan og bustyvel skal eiga det,
og kattula og ramn skal bu i det, og ein skal spana ut
yver det mælesnøre til øyding, og bruka lodd til å gjera
det tomt. 12 Det er ingi gjævingar der som kann ropa
nokon ut til konge, det er slutt med alle hovdingarne.
13 Og klunger skal renna i slotti der, og netla og tistlar i
borgerne, og det skal vera ein bustad for sjakalar og
ein stad for strussar. 14 Og ulven og andre villdyr skal
møtast, og raggetroll ropa til kvarandre; ja, der uner
Lilit og finn seg ein kvilestad. 15 Der byggjer pilormen
reir og legg egg og klekkjer ut ungar og sankar deim
og gjev deim livd. Ja, der sankar gribbarne seg, den
eine hjå den andre. 16 Leita etter i Herrens bok og
les! Ikkje eitt av deim vantar, det eine saknar ikkje det
andre. For hans munn byd det, og hans ånd sankar
deim, 17 og han kastar lut for deim, og handi hans
ætlar deim det med mælesnøre. Til æveleg tid skal dei
eiga det, frå ætt til ætt skal dei bu i det.

**35** Øydemarki og turrlendet skal gleda seg, og den
aude heidi skal fegnast og bløma som ei lilja. 2
Ho skal bløma og fegnast, og fegnast og syngja med
frygd. Herlegdomen åt Libanon hev ho fenge, Karmels
og Sarons pryda; dei skal sjå Herrens herlegdom,
vår Guds pryda. 3 Styrk dei valne hender og gjer dei
skjelvande kne sterke! 4 Seg til dei urolege hjarto: «Ver
frihuga, ottast ikkje! Sjå, der er dykkar Gud! Hemnen
kjem, vederlag frå Gud, han kjem sjølv og frelser dykk.
5 Då skal augo åt dei blinde verta opna, og øyro åt dei
dauve verta upplatne; 6 då skal den lame springa som
ein hjort, og tunga åt den mållause jubla. For vatn bryt
fram i øydemark, og bekkjer på den aude heidi, 7 og
det gloande sandhavet skal verta til ein sjø, og det
tyrste landet til vatskjeldor; i bustaden åt sjakalar, der
dei hadde sin kvilestad, er voksterstad for røyr og sev.
8 Og der skal det vera braut og veg, og han skal kallast
den heilage vegen. Ingen urein skal ganga på honom,
men han skal vera berre for deim; ingen vegfarande,
ikkje dåren eingong, skal fara vilt. 9 Der skal det ingi
løva vera, og inkje villdyr skal koma inn på honom, dei

skal ikkje finnast der; men utløyste skal ferdast der. 10
Og Herrens frikjøpte skal snu heim att og koma til Sion
med fagnadrop, og æveleg gleda er det yver hovudet
deira; frygd og gleda skal dei nå, og sorg og sukk skal
røma.»

**36** Og det hende seg i det fjortande styringsåret åt
kong Hizkia, at assyrarkongen Sanherib drog
upp imot alle faste borgar i Juda og hertok deim. 2 Og
assyrarkongen sende Rabsake frå Lakis til Jerusalem
mot kong Hizkia med ein stor her; og han stogga
attmed vatsleidingi frå Øvredammen på allfarvegen til
vaskarvollen. 3 Då gjekk drottseten Eljakim Hilkiason
og riksskrivaren Sebna og kanslaren Joah Asafsson
ut til honom. 4 Og Rabsake sagde til deim: «Meld til
Hizkia: «So segjer storkongen, assyrarkongen: «Kva
er det for tru som gjer deg so traust? 5 Du tenkjer at
berre eit ord gjer råd og dåd i krig! Kven lit du på, sidan
du sette upp imot meg? 6 Ja, det er sant, du lit på
Egyptarland, den brotne røyrstaven som sting hol i
handi på kvar som styd seg til honom! Soleis er Farao,
egyptarkongen, for alle deim som lit på honom. 7 Og
svarar du meg: «Me lit på Herren, vår Gud!» var det
då ikkje hans offerhaugar og hans altar Hizkia fekk
burt då han baud Juda og Jerusalem: «Framfor dette
altaret skal de bøygja kne?» 8 Gjer då eit veddemål
med Herren min, assyrarkongen: Eg gjev deg tvo
tusund hestar um du kann skaffa folk til å rida på
deim. 9 Korleis vil du slå attende ein einaste jarl, ein
av dei ringaste tenarane åt herren min? Og so lit du på
egyptarane, på vognerne og ridarane deira! 10 Trur du
det er Herren uvitande når eg kjem hit og øydelegg
dette landet? Nei, det var Herren som baud meg:
«Drag upp til dette landet og legg det i øyde!»»»» 11
Då sagde Eljakim og Sebna og Joah til Rabsake: «Tala
syrisk til tenarane dine! me skynar det nok; tala ikkje
jødisk til oss! folket på muren høyrer på.» 12 «Nei, »
svara Rabsake, «det er til herren din og til deg herren
min hev sendt meg å tala desse ordi, men nettupp til
det folket som sit på muren og saman med dykk lyt eta
sitt eige skarn og drikka sitt eige vatn!» 13 So steig
Rabsake fram og ropa høgmælt desse ordi på jødisk
mål: «Høyr det storkongen, assyrarkongen, talar! 14
So segjer kongen: «Lat ikkje Hizkia narra dykk; han er
ikkje i stand til å berga dykk! 15 Lat ikkje Hizkia få dykk
til å lita på Herren, med di han segjer: «Herren hjelper
oss for visst, han gjev ikkje denne byen i henderne på
assyrarkongen.» 16 Høyr ikkje på Hizkia! So segjer
kongen i Assyria: Gjer fred med meg! gjev dykk yver til
meg! So skal de få eta kvar av sitt eige vintre og sitt
eige fiketre og drikka vatn kvar or sin eigen brunn,
17 til dess eg kjem og hentar dykk til eit land som er
likt dykkar eige, eit land med korn og druvesaft, eit
land med brød og vinhagar. 18 Lat ikkje Hizkia narra
dykk og segja: «Herren bergar oss!» Tru nokon av
folkegudarne hev berga sitt land for assyrarkongen?
19 Kvar er gudarne i Hamat og Arpad? Kvar er gudarne
i Sefarvajim? Eller hev dei berga Samaria ut or mi
hand? 20 Kven av alle gudarne i desse landi hev
berga sitt land ut or mi hand, so Herren skulde berga
Jerusalem ut or mi hand?»» 21 Og dei tagde og svara
honom ikkje eit ord; for so var kongens bod: «Ikkje
svara honom!» 22 Eljakim Hilkiason, drottseten, og
Sebna, riksskrivaren, og Joah Asafsson, kanslaren,
kom då attende til Hizkia med sundrivne klæde og
melde honom ordi hans Rabsake.

**37** Då kong Hizkia høyrde det, reiv han sund klædi
sine, og sveipte syrgjebunad kring seg og gjekk
inn i Herrens hus. 2 So sende han drottseten Eljakim
og riksskrivaren Sebna og dei eldste av prestarne
syrgjeklædde til profeten Jesaja Amosson. 3 Og dei
sagde til han: «So segjer Hizkia: «Dette er ein dag full
av naud og straff og skjemsla; fosteri hev nått fødsli,
men det finst ikkje kraft til å føda. 4 Kann henda høyrer
Herren, din Gud, det Rabsake hev sagt, han som er
send av assyrarkongen, herren sin, til å svivyrda den
livande Gud, so han straffar honom for dei ordi som
Herren, din Gud, hev høyrt. Ber då fram ei bøn for den
leivning som endå er att.»» 5 Då hirdmennerne frå
kong Hizkia kom til Jesaja, 6 sagde Jesaja til deim:
«So skal de svara herren dykkar: «So segjer Herren:
Ver ikkje rædd for dei ordi du høyrde, då trælarne
åt assyrarkongen spotta meg! 7 Eit hugskot skyt eg
i hugen hans; han høyrer ei tiend, og heim att snur
han; der let eg honom falla for sverd i sitt land.»» 8
Då Rabsake for burt att, fann han assyrarkongen i
strid mot Libna; for han hadde høyrt at han hadde fare
burt frå Lakis. 9 Då han so fekk tiend at ætiopkongen
Tirhaka hadde drege ut i herferd mot honom, sende
han eit nytt bod til Hizkia med dei ordi: 10 «Seg med
Juda-kongen Hizkia: «Ikkje lat din Gud, som du lit på,
narra deg til å tenkja at ikkje Jerusalem skal falla i
henderne på assyrarkongen! 11 Du hev nok høyrt gjete
sjølv kor assyrarkongarne hev fare åt med mot alle
landi: at dei bannstøytte deim. Og so skulde du berga
deg undan? 12 Kunde vel folkegudarne berga sine
folk, som federne mine øydde ut: Gozan og Haran og
Resef og Edens-sønerne som er i Telassar? 13 Kvar
er Hamat-kongen eller Arpad-kongen eller kongen i
Sefarvajim-byen, yver Hena og Ivva?»» 14 Hizkia tok
brevet frå sendemennerne og las det; og so gjekk
han upp i Herrens hus, og Hizkia breidde det ut for
Herrens åsyn. 15 Og Hizkia bad til Herren og sagde:
16 «Herre, allhers drott, Israels Gud, du som tronar
yver kerubarne! Einast du er Gud yver alle rike på

jordi; du hev gjort himmelen og jordi. 17 Herre, legg
øyra til og lyd! Herre, lat augo upp og sjå! Høyr dei
ordi Sanherib sende og svivyrde den livande Gud! 18
Herre, det er sant: assyrarkongarne hev øydt ut folki
og deira land, 19 og dei hev kasta gudarne deira på
elden; for dei er ikkje gudar, berre manneverk utav
stokk og stein, og dei hev tynt deim. 20 Men no må
du, Herre, vår Gud, frelsa oss frå hans magt, so alle
rike på jordi må røyna at einast du er Herren!» 21 Då
sende Jesaja Amosson bod til Hizkia med dei ordi: «So
segjer Herren, Israels Gud: «Med umsyn på bøni di til
meg um Sanherib, assyrarkongen, 22 då er dette det
ordet som Herren hev tala imot honom: Ho vanvyrder
deg, ho spottar deg, ungmøyi, Sions dotter, ho rister
på hovudet åt deg, Jerusalems dotter. 23 Kven hev du
svivyrdt? kven hev du spotta? Kven hev røysti di ropa
imot? Augo lyfte du høgt, mot Israels Heilage. 24 Ved
tenarane hædde du Herren og sagde: «Med dei mange
vognerne mine for eg upp på dei høgste fjelli, ja, langt
burti Libanons utmark, der høgg eg ned hennar høge
cedrar og dei hæve cypressorne hennar; eg tek meg
fram i dei øvste heimar, inn i den tettaste hagen; 25
eg hev grave og drukke vatn; med fotsolen min eg
turkar ut alle Egyptarlands elvar.» 26 Hev du'kje høyrt
at eg hev longe laga det so? Frå ævordsleg tid hev
eg fyreåt fastsett dette! Og no let eg det koma i verk!
Du fekk magt til å øyda sterke borgar til steinrøysar
aude. 27 Folki deira vart veike og valne, skalv og stod
til skammar. Det gjekk deim som graset på marki og
grøne urtar, som vokstrar på taket, som kornåker fyrr
han hev skote. 28 Eg veit når du sit, gjeng ut og gjeng
inn, kor du slær deg vill imot meg. 29 Av di du er vill
imot meg, og eg høyrer kor kaut du er, eg hektar min
krok i nosi di, legg min taum i munnen din og vikjer
deg heim att den vegen du kom.» 30 Og dette skal du
hava til merke: I år skal de eta sjølvsått korn, næste år
sjølvrunne. Men tridje året skal de så og hausta og
planta vinhagar og eta frukti av deim. 31 Og leivningen
som er att av Juda hus, skyt djupare røter nedantil, og
ovantil ber han si frukt. 32 For ein leivning kjem frå
Jerusalem, og ein rest frå Sionsfjellet. Brennhugen åt
Herren, allhers drott, skal gjera dette. 33 Difor segjer
Herren so um assyrarkongen: Ikkje skal han koma inn
i denne byen, og ikkje skjota nokor pil der inn; ikkje
skal han storma fram mot han med skjold, og ikkje
byggja skansar upp imot han. 34 Den vegen han kjem,
den skal han heim att fara, i denne byen slepp han
ikkje inn, so segjer Herren. 35 Eg vernar denne by og
bergar honom, for mi skuld og for Davids skuld, min
tenar.» 36 Og Herrens engel gjekk ut og slo hundrad
og fem og åtteti tusund mann i assyrarlægret. Tidleg
næste morgon fann dei deim alle liggjande lik. 37 Då
tok assyrarkongen Sanherib ut og drog burt og snudde
heim att, og heldt seg sidan i Nineve. 38 Ein gong han
heldt bøn i huset åt Nisrok, guden sin, hogg sønerne
hans, Adrammelek og Sareser, honom ned med sverd.
Dei kom seg undan til Araratlandet, og Asarhaddon,
son hans, vart konge i staden hans.

**38** I dei dagarne lagdes Hizkia i helsott; då kom
profeten Jesaja Amosson til honom og sagde
med honom: «So segjer Herren: «Skila for deg! for
du skal døy; du vert ikkje god att.»» 2 Då snudde
Hizkia seg mot veggen og bad til Herren: 3 «Å Herre!
kom i hug kor eg hev ferdast ærleg og heilhjarta di
åsyn og gjort det som godt var i dine augo!» Og Hizkia
sette i og storgret. 4 Då kom Herrens ord til Jesaja
soleis: 5 «Gakk og seg til Hizkia: «So segjer Herren,
Gud åt David, far din: Eg hev høyrt bøni di og set
tårorne dine. Sjå, eg aukar alderen din med femtan
år. 6 Or handi på assyrarkongen bergar eg deg og
denne byen; ja, eg vernar denne byen. 7 Og dette
gjev Herren deg til merke på at Herren heldt det han
hev lova: 8 Sjå, eg let skuggen på solskiva, som med
soli hev gjenge ned på solskiva åt Ahaz, ganga ti strik
attende.»» Og soli gjekk attende ti av dei striki ho
hadde gjenge ned. 9 Ein skrift av Hizkia, kongen i
Juda, då han hadde vore sjuk, men hadde kome seg
av sjukdomen: 10 «Eg sagde: I mine beste år lyt eg
fara igjenom helheimsportarne; eg lyt bøta med resten
av åri mine. (Sheol h7585) 11 Eg sagde: Eg fær ikkje
sjå Herren, Herren i landet åt dei livande; eg fær ikkje
skoda menneskje meir millom deim som bur i stilla. 12
Min bustad vert upprykt og burtførd frå meg som eit
hyrdingtjeld. Eg hev rulla mitt liv i hop som ein vevar;
frå varpet skjer han meg av; fyrr dag vert natt, er du
ferdig med meg. 13 Eg roa meg alt til morgons; som
ei løva, so bryt han alle mine bein; fyrr dag vert natt,
er du ferdig med meg. 14 Som ei svala, ei trana, so
sutra eg, eg kurra som ei duva; dimt såg mine augo
mot høgdi: Eg er kvidefull, Herre, borga for meg! 15
Kva skal eg segja? Han hev meg sagt det, og han
hev gjort det. Stilt vil eg ferdast alle mine år for all mi
sjælekvida. 16 Herre, dei er til liv, og dei held uppe alt
liv i mi ånd. So gjer meg då frisk og lat meg liva! 17 Det
beiske, det beiske vart meg til fred, og du drog kjærleg
mi sjæl or tyningsgravi; for du kasta bak din rygg alle
synderne mine. 18 For ikkje prisar helheimen deg,
ikkje lovar dauden deg; ikkje vonar dei som fer ned i
gravi på truskapen din. (Sheol h7585) 19 Den livande,
den livande, han prisar deg liksom eg i dag; ein far
lærer borni sine um truskapen din. 20 Herren vil frelsa
meg, og på strengleikar vil me leika alle våre livedagar
i Herrens hus.» 21 Jesaja sagde dei skulde taka ei
fikekaka og leggja til plåster på svullen, so han skulde

friskna til att. 22 Hizkia sagde: «Kva skal eg hava til
merke på at eg skal ganga upp til Herrens hus?»

39 Kring den tid sende Babel-kongen Merodak
Baladan Baladansson brev og gåva til Hizkia,
då han høyrde at han hadde vore sjuk og vorte frisk
att. 2 Hizkia var glad for dei kom, og han synte deim
skattkammeret sitt, sylvet og gullet og kryddorne og
den kostelege oljen, og heile våpnhuset sitt og alt som
fanst i skattkammeri hans; det fanst ikkje den ting i
hans hus og i heile hans rike som ikkje Hizkia synte
deim. 3 Då kom profeten Jesaja til kong Hizkia og
spurde honom: «Kva hev desse mennerne sagt, og
kvar helst kom dei frå til deg?» Og Hizkia svara: «Frå
eit land langt burte, frå Babel kom dei til meg.» 4
«Kva hev dei set i huset ditt?» spurde han. «Alt som i
huset mitt finst hev dei set, » svara Hizkia; «det fanst
ikkje den ting i skattkammeri mine som eg ikkje synte
deim.» 5 Då sagde Jesaja til Hizkia: «Høyr ordet frå
Herren, allhers drott: 6 Sjå, dagar kjem då alt som finst
i huset ditt, det federne dine hev samla alt til i dag, det
skal verta ført til Babel; aldri ein grand skal verta att,
segjer Herren. 7 Og sume av sønerne dine, ætta frå
deg, utstokne frå deg, skal takast, og dei skal verta
hirdmenner i slottet åt Babel-kongen.» 8 Då sagde
Hizkia til Jesaja: «Godt er Herrens ord som du hev
tala.» Og han sagde framleides: «Det vert då fred og
trygd so lenge eg liver.»

40 Trøysta, trøysta mitt folk! Segjer dykkar Gud.
2 Tala mildt til Jerusalem, og ropa til henne, at
striden hennar er enda, at skuldi hennar er kvitta, at
ho hev fenge av Herren tvifelt for alle sine synder. 3
Høyr, det ropar: «Brøyt i heidi veg for Herren! Jamna
til i øydemarki gata for vår Gud! 4 Kvar ein dal skal
hevjast, kvart eit berg og bakke jamnast, haugarne
verta ei sletta, og hamrarne verta til flatland. 5 Herrens
herlegdom skal te seg, alt kjøt skal det få sjå. For
Herrens munn hev tala.» 6 Høyr, det segjer: «Preika!»
Svarar ein: «Kva skal eg preika?» «Alt kjøt er gras, og
alt dess ynde som blom på marki. 7 Graset visnar,
blomen folnar, når Herrens ande blæs på deim. Ja, i
sanning, folk er gras. 8 Graset visnar, blomen folnar,
men ordet frå vår Gud stend æveleg.» 9 Stig upp
på høge fjellet, du Sion, fagnadbod! Lat røysti ljoma
sterkt, Jerusalem, du gledebod! Lat ljoma, ræddast
ei! Seg det til Judas byar: «Sjå der er dykkar Gud!»
10 Sjå, Herren, Herren kjem, den sterke, og med sin
arm han ter si magt. Si løn han fører med seg, og
fyre gjeng dei han hev vunne. 11 Som hyrding gjæter
buskap sin, han sankar deim i armen, smålambi ber
ved barmen, og leider møderne vart og lint. 12 Kven
hev vatnet mælt i sin love, og yver himmelen spanna,
og jordmoldi mælt i kanna, og vege fjell på bismar,
og haugarne lagt på skålvegt? 13 Kven hev rettleidt
Herrens ande? Kven gjev honom råd og lærdom? 14
Kven tok han på råd til å gjeve seg skyn, til å lære seg
rette vegen, og læra seg kunnskap og visa seg vegen
til vit? 15 Nei, folki er som ein drope på vatsspann,
som dust i skålvegt dei reknast, og øylandi føykjer han
som fjom. 16 Libanon hev ikkje nok av ved, og ikkje
offerdyr nok. 17 Som inkje er alle folki for honom, han
reknar deim for tome inkjevetta. 18 Kven vil de då
likna Gud med? Kva bilæte setja ved sida? 19 Bilætet,
det støyper meisteren, og gullsmeden gyller det, og
støyper sylvkjedor til det. 20 Er ein for arm til slik ei
gåva, vel han seg tre som ikkje morknar, og leitar upp
ein dugleg meister, som set eit stødigt bilæt' upp. 21
Skynar de ikkje? Høyrer de ikkje? Er det'kje meldt dykk
frå fyrste stund? Greider de ikkje jorderiks grunnar? 22
Han sit høgt yver jordheims-kringen, dei som der bur,
er som grashoppesverm. Himmelen breidde han ut
som ein florduk, spana han ut som eit tjeld til å bu
i. 23 Hovdingar gjer han til ingen ting, domarar på
jordi til inkjevetta. 24 Knapt er dei planta, knapt er dei
sådde, knapt hev dei rotfest i jordi sin stomn, fyrr han
andar på deim, og dei visnar, stormen føykjer deim
burt som strå. 25 Kven vil de likna meg med, so eg
honom liktest? den Heilage segjer. 26 Lyft dykkar augo
mot høgdi, og sjå kven hev som desse hev skapt! Han
som mynstrer heren deira, nemner deim alle på namn.
Stor i velde og sterk i kraft ikkje han saknar ein. 27
Kvi vil du segja, Jakob, og tala so, Israel: «Min veg er
løynd for Herren, og min rett kjem burt for min Gud?»
28 Hev du'kje skyna det? Hev du'kje høyrt det? Herren
han er ein æveleg Gud, han hev skapt den vide verdi.
Han vert ikkje trøytt, han vert ikkje mod, hans vit kann
ingen grunda ut. 29 Han gjev den trøytte kraft og aukar
styrken for magtlaus mann. 30 Gutar vert trøytte og
mode, og unge karar lyt snåva. 31 Men dei som vonar
på Herren, fær atter kraft, dei fær nye vengjefjører
som ørnar. Dei spring og trøytnar ikkje, dei gjeng og
mødest ei.

41 Høyr stilt på meg, de strender, lat folki få seg ny
kraft! Lat deim so koma hit og tala! Til doms me
fylgjast åt. 2 Kven vekte frå auster honom som siger
fylgjer for fot? Kven gjev honom folk til eiga og kongar
til rådevelde? Kven gjer deira sverd til dust, deira boge
til fjukande bos? 3 Han elter deim, fer i fred ein veg
som han aldri hev gjenge. 4 Kven hev gjort og fullført
dette? - Han som upphavleg kalla ætterne fram. Eg,
Herren, eg er den fyrste og enn hjå dei siste med same.
5 Strender såg det og ræddast, jordheims utbygder
skalv, dei kom og stima i hop. 6 Den eine hjelpte
den andre og sa til bror sin: «Ver sterk!» 7 Snikkaren

gullsmeden mana, og platemakaren smeden; han sa
um loddingi: «Ho er god!» So feste han guden med
spikar so stødt. 8 Men du, min tenar Israel, du Jakob,
som eg ut hev valt, du ætt av Abraham, min ven, 9 du
som eg tok frå heimsens endar og kalla deg frå ytste
utkant og sa til deg: Min tenar er du, eg hev deg valt og
ei forsmått, 10 ver ikkje rædd, for eg er med deg, ver
hugheil, for eg er din Gud! Eg styrkjer deg, og hjelper
deg, eg styd deg med mi rettferds hand. 11 Sjå, dei
vert til spott og skam, dei som harmast på deg; dei vert
til inkjes, gjeng til grunns, dei som trættar med deg. 12
Leitar du, finn du deim ikkje, dei som stridar mot deg;
dei vert til null og ingen ting dei som krigar mot deg. 13
For eg er Herren, din Gud, som held deg i høgre handi
og segjer til deg: Ver ikkje rædd! Eg hjelper deg. 14
Ver urædd, Jakob, arme krek, du vesle flokk av Israel!
«Eg hjelper deg», er Herrens ord, og Israels Heilage
deg løyser. 15 Eg gjer deg til ei treskjeslede, ein ny og
kvass med mange tenner, so du skal treskja, krasa fjell
og gjera haugar um til agner. 16 Du kastar deim, og
vinden tek deim, og stormen spreidar deim ikring; men
du skal frygda deg i Herren og rosa deg av Israels
Heilage. 17 Dei arme fatigfolk, dei leitar fåfengt etter
vatn, med tunga sårt av torste brenn; men deim vil eg
bønhøyra, Herren, Israels Gud, vil ikkje svika deim.
18 På haugar let eg elvar renna, og midt i dalar ollor
springa, eg heidi gjer til klåre sjø og turre landet til
kjeldevang. 19 I heidi let eg cedrar veksa, akasja, myrt
og oljetre, på snaudheid eg cypressa set i lag med
alm og edelgran, 20 so folk kann sjå og vita vel og
merka seg og skyna grant, at Herrens hand hev dette
gjort, og Israels Heilage det skapt. 21 Kom hit med
saki dykkar! segjer Herren, gjev dykkar grunnar! segjer
Jakobs konge. 22 Lat deim då koma, melda oss kva
som skal henda. So meld oss kva de fyrr hev spått,
at me kann agta på det og sjå um det vert uppfyllt.
Ell' lat oss høyra kva som kjem. 23 Seg frå kva sidan
koma skal, so me kann skyna de er gudar. Ja, gjer
då noko godt ell' vondt, so me kann sjå det alt med
undring! 24 Men de er ingen ting, og dykkar verk er
inkjevetta. Ufysleg den som vel seg dykk! 25 Frå nord
eg vakte honom, og han kom frå auster han som på
mitt namn skal kalla, han trakka skal på hovdingar som
leir, som pottemakar som trør i leira. 26 Kven hev frå
fyrst det kunngjort so me skyna det, frå fyrste stund
so me kann segja: «Han fekk rett?» Nei, ingen hev
det meldt, og ingen hev sagt frå, og ingen høyrde at
de ymta noko. 27 Eg sagde fyrst til Sion: Sjå der er
det! Og gav Jerusalem eit gledebod. 28 Eg ser meg
um, men der er ingen, imillom deim kann ingen gjeva
greida, so eg deim kunde spyrja, og dei svara. 29 Sjå,
alle er dei ingen ting, og deira verk er inkjevetta, og
deira bilæte er luft og vind.

**42** Sjå min tenar som eg styd, min utvalde som eg
elskar! Honom gjev eg anden min, rett han førar
ut til folki. 2 Ikkje mun han ropa, skrika, ei på gata
bruka mælet. 3 Brostne røyrstrå ei han bryt, sløkkjer ei
den veik som gløder, trufast ber han retten ut. 4 Ei
han veiknar, ei han brotnar fyrr han rett på jord fær
setja, øyer ventar på hans lov. 5 Soleis talar Herren
Gud, som hev himmeln skapt og utspent, jordi lagt
med vokstrar på, gjeve folk på henne ande, andedrag
åt deim der ferdast: 6 Eg, Herren, hev deg i rettferd
kalla, eg tok deg i handi, eg varar deg og gjer deg til
folkepakt og til ljos for heidningar, 7 til å opna blinde
augo, føra fangar ut or fengsel deim som sit i myrker,
or fangehus. 8 Eg er Herren, det er mitt namn, ingen
annan fær mi æra, ikkje bilæti min pris. 9 Sjå, dei
fyrste ting er komne, og eg meldar nye ting; endå
fyrr dei upp hev runne, eg forkynner dykker deim. 10
Syng ny song for Herren, lova han til heimsens endar!
Sjøfolk og du havsens myrja, øyland og dei folk der
bur! 11 Heidi syng med sine byar, hytteby der Kedar
bur. Dei som bur på berget, jublar, ropar ned frå høgste
nut. 12 Dei skal gjeva Herren æra og hans pris til
øyland bera. 13 Ut gjeng Herren som ei kjempa, eggjar
harmen som ein stridsmann, herrop lyfter han og skrik,
ter si magt mot sine motmenn. 14 Stilt eg heve tagt so
lenge, mållaus hev eg halde meg. No eg styn som
viv i barnsnaud, etter anden syp og pæsar. 15 Berg
og haug eg legg i øyde, svider av alt grønt på deim,
elvar gjer eg um til øyer, sjøar let eg turkast upp. 16
Blinde ukjend veg eg fører, so dei fer ukjende stigar,
myrkt gjer eg til ljost for deim, bakkeland til flate sletta.
Dette er det eg vil gjera og slett ikkje lata vera. 17 Vika
lyt storleg skjemmast dei som lit på bilæt-gud, og til
støypte bilæt segjer: «De er våre gudar.» 18 Dauve,
høyr! Blinde, upp med augo! Sjå! 19 Kven er blind, um
ei min tenar, dauv som sendebodet mitt? Kven er blind
som venen min? Kven er blind som Herrens tenar?
20 Mangt du såg, men gøymer ikkje, han fekk øyra
upp, men høyrer ei. 21 For si rettferd skuld vil Herren
gjera lovi stor og herleg. 22 Men det er eit plundra
folk, herja folk, alle bundne sit i hol og i fangehusi
løynde. Herfang er dei, og hev ingen frelsar, ran, og
ingen segjer: «Gjev det att!» 23 Kven av dykk gjev
gaum på dette, lyder på og høyrer sidan? 24 Kven gav
Jakob burt til ran og til ransmenn Israel utan Herren
som me synda mot, som hans vegar dei ei fara vilde
og ei høyra på hans lov? 25 So rende han yver deim
sin heite harm og ein veldug krig. Det ikring deim loga,
men dei skyna inkje, brende deim, men dei la ikkje det
på hjarta.

**43** Og no segjer Herren so, han som skapte deg,
Jakob, og laga deg, Israel: Ver urædd! for eg
hev løyst deg ut, eg hev ropa deg på namn, du er
min. **2** Fer du gjenom vatn, so er eg med deg, gjenom
elvar, so skal dei'kje riva deg burt. Gjeng du i eld, du
svidar deg ei, og logen skal ikkje brenna deg. **3** For
eg, Herren, er din Gud, Israels Heilage er din frelsar.
Egyptarland gjev eg til løysepeng for deg, Ætiopia
og Seba til vederlag for deg. **4** For di du er dyr for
meg, du er mykje verd, og eg elskar deg, difor gjev
eg menneskje burt for deg og folkeslag for ditt liv. **5**
Ver ikkje rædd! for eg er med deg; austanfrå vil eg
føra di ætt, og vestanfrå vil eg samla deg. **6** Eg segjer
til nordheimen: «Kom med deim!» Og til sudheimen:
«Haldt deim'kje att! Kom med sønerne mine langt
burtanfrå og døtterne mine frå verdsens ende, **7** kvar
den som heiter etter mitt namn, og som eg hev skapt
til mi æra, og som eg hev laga og gjort.» **8** Før fram
det blinde folk som hev augo, og dei dauve som lel
hev øyro! **9** Lat alle folki samla seg og alle folkeslag
møta. Kven av deim kann forkynna slikt? Lat deim
melda kva dei fyrr hev spått. Lat deim møta med vitne
og få rett, lat deim høyra og segja: «Det er sant!» **10**
De er mine vitne, segjer Herren, og min tenar som eg
hev valt ut, so de skal kjenna og tru meg og skyna at
det er eg. Fyre meg vart ingen gud til, og etter meg
kjem ingen. **11** Eg, ja eg er Herren, og utan meg finst
det ingen frelsar. **12** Eg hev kunngjort og frelst, eg, og
ingen framand gud millom dykk hev forkynt det. De er
mine vitne, segjer Herren, og eg er Gud, **13** Enn i dag
er eg den same, og ingen kann berga or mi hand. Det
som eg gjer, kven kann gjera det ugjort? **14** So segjer
Herren, dykkar utløysar, Israels Heilage: For dykkar
skuld eg utbod mot Babel og alle saman driv eg på
flukt, kaldæarane på sine lystskip. **15** Eg, Herren, er
dykkar Heilage, Israels skapar er dykkar konge. **16** So
segjer Herren, som gjorde veg i havet, ein stig i dei
stride straumar, **17** som let vogner og hestar draga ut,
både her og hovding - dei låg der og reiste seg ikkje,
dei er sløkte, dei slokna som lampeveik -: **18** Tenk ikkje
på det som fyrr hev vore, og på det framfarne gjev
ikkje agt! **19** Sjå, eg gjer noko nytt, no renn det, går de
det ikkje? Ja, eg vil gjera veg i heidi, elvar i øydemarki.
**20** Dyri på marki skal æra meg, sjakalar og strussar, for
eg gjev vatn i heidi, elvar i øydemarki, so mitt utvalde
folk kann få drikka. **21** Det folk eg hev skapt meg, dei
skal forkynna min pris. **22** Men på meg hev du ikkje
kalla, Jakob, so du gjorde deg bry for meg, Israel.
**23** Ikkje hev du gjeve meg dine brennofferlamb, og
ikkje meg æra med dine slagtoffer, ikkje hev eg brytt
deg med grjonoffer, og ikkje med røykjelse plåga deg.
**24** Ikkje hev du for pengar kjøpt meg krydderøyr, og
ikkje kveikt meg med feittet av dine slagtoffer. Nei, du
hev trøytta meg med dine synder og brytt meg med
dine misgjerningar. **25** Eg, ja eg er den som slettar ut
misgjerningarne dine for mi skuld, og eg kjem ikkje
synderne dine i hug. **26** Minn meg, so gjeng me saman
til doms, fortel du, so du kann få rett! **27** Den fyrste far
din synda, og dine målsmenn var utrue mot meg. **28**
So laut eg vanhelga heilage hovdingar, lysa Jakob i
bann og Israel gjeva til spott.

**44** Men høyr no, Jakob, tenaren min, du Israel som
eg hev valt ut! **2** So segjer Herren som skapte
deg, som laga deg frå morsliv og hjelper deg: Ver ikkje
rædd, du min tenar Jakob, Jesurun som eg hev valt ut.
**3** For eg vil renna vatn yver det tyrste, og straumar
yver det turre. Eg vil renna min ande ut yver di ætt, og
yver ditt avkjøme mi velsigning. **4** Dei skal veksa upp
millom graset som pilar ved bekkjefar. **5** Ein segjer:
«Eg høyrer Herren til, » ein annan kallar seg med
Jakob-namnet, ein skriv med si hand: «For Herren,
» og brukar til ærenamn Israel. **6** So segjer Herren,
Israels konge, og hans utløysar Herren, allhers drott:
Eg er den fyrste og eg er den siste, og utan meg finst
det ingen Gud. **7** Kven forkynte jamt og samt som eg -
lat han melda og leggja det fram for meg! - frå den
tid eg skapte fornalder-folket? Og lat deim melda det
som i framtidi kjem! **8** Ver ikkje forstøkte og rædde!
Hev eg ikkje for lenge sidan forkynt og meldt deg det?
De er mine vitne; finst det nokon Gud utan meg? Nei,
eg veit ikkje um noko anna berg. **9** Dei som lagar
gudebilæte er alle inkjevetta, og deira kjære gudar
kann ikkje hjelpa; deira vitne ser inkje og skynar inkje,
difor vert dei til skammar. **10** Um nokon lagar ein gud
og støyper eit bilæte, er det til unyttes. **11** Alle som
held seg til det, skal verta til skammar, og meistrarne
er berre menneskje, lat deim samla seg og stiga fram
alle, dei skal ræddast og verta til skammar alle i hop.
**12** Smeden kvesser ei øks og lagar henne til i koleld
og formar henne med sleggjor, og han gjer henne
ferdig med sin sterke arm. Vert han so svolten, minkar
magti, og fær han ikkje drikka vatn, vert han veik. **13**
Snikkaren spanar snori og ritar med gravstikka, han
slettar med hyvelen og dreg ringar med passaren; so
lagar han dei som eit mannslike, som ein fager mann
som fær bu i eit hus. **14** Ein gjev seg til å hogga cedrar,
og han tek steineik og eik og vel seg ut eit millom
skogstrei. Han plantar ei fura, og regnet fær henne til å
veksa. **15** Mannen brukar treet til å brenna, han tek av
det og vermer seg, ja, han kveikjer på og bakar brød.
So gjer han og ein gud som han bed til, han formar
eit gudebilæte som han bøygjer kne for. **16** Helvti av
det brenner han upp i elden, ved den helvti et han

kjøt, steikjer ei steik og mettar seg. Han vermer seg
og, og segjer: «Hå, eg vert varm, eg merkar eld!» 17
Resten av det gjer han til ein gud, til sin avgud som
han bøygjer seg for og bed til, og han bed soleis:
«Frels meg, for du er min gud!» 18 Dei er utan vit og
skyn, for attklistra er augo deira, so dei ikkje ser, og
hjarto deira so dei ikkje skynar. 19 Ingen tenkjer seg
um, ingen hev klokskap og skyn nok til å segja med
seg: «Helvti hev eg brent upp i elden, i gløderne hev
eg baka brød og steikt kjøt og ete, og so skulde eg
laga resten til eit ufyselegt bilæte og bøygja kne for ein
trekubbe!» 20 Den som agtar på oska, honom hev eit
forvilla hjarta dåra, so han ikkje kjem til å frelsa si sjæl
og segja: «Det er lygn det eg held i mi høgre hand!»
21 Kom dette i hug, du Jakob, du Israel, min tenar! Eg
hev skapt deg, du er min tenar, Israel, eg gløymer deg
ikkje. 22 Eg hev stroke burt dine brot som ei skodda,
og synderne dine som ei sky; vend um til meg, for eg
hev løyst deg ut. 23 Jubla, himlar! For Herren hev sett
det i verk. Ropa med frygd, de dypter i jordi! Set i med
jubel, de fjell! Du skog med kvart eit tre! For Herren
hev løyst ut Jakob, og syner seg herleg på Israel. 24
So segjer Herren, utløysaren din, skaparen din frå
moderliv: Eg er Herren som allting gjer, himmelen
spana eg ut åleine, jordi breidde eg ut utan medhjelp.
25 Eg gjer juglarteikni um inkje, og spåmenner gjer eg
til fåmingar; eg let vismenner koma til kort og gjer deira
vitskap til dårskap. 26 Eg stadfester ordet åt tenaren
min og fullfører rådi åt sendebodi mine. Eg segjer um
Jerusalem: «Der skal bu folk!» Og um Juda-byarne:
«Dei skal byggjast!» Ruinarne der vil eg reisa att. 27
Eg segjer til djupet: «Torna, dine straumar turkar eg
ut!» 28 Eg segjer til Kyrus: «Min hyrding!» Han skal
fullføra all min vilje og til Jerusalem segja: «Vert bygd!
Og templet verta grunnlagt!»

**45** So segjer Herren til sin salvevigde, til Kyrus som
eg held i hans høgre hand, for å kasta folk til
jordi for honom og løysa beltet av kongar, for å opna
dører for honom, so ingen portar vert stengde: 2 Sjølv
gjeng eg fyre deg og jamnar hindringar; kopardører
sprengjer eg, og jarnslåer slær eg sund. 3 Og eg gjev
deg dulde skattar og burtgøymde rikdomar, so du skal
vita at det var eg, Herren, som kalla deg på namn,
eg, Israels Gud. 4 For min tenar Jakobs skuld og
Israel, min utvalde, kalla eg deg med namnet ditt, gav
deg tilnamn då du ikkje kjende meg. 5 Eg er Herren,
og ingen annan, utan meg finst det ingen Gud. Eg
væpna deg fyrr du kjende meg, 6 so dei skal vita frå
aust til vest at det finst ingen annan enn eg. Eg er
Herren, og ingen annan. 7 Skapar åt ljoset og upphav
til myrkret, skapar åt velferd og upphav til uferd; eg,
Herren, gjer alt dette. 8 Lat det drjupa, de himlar,
ovanfrå, og skyerne renne med rettferd! Jordi late seg
upp, so frelsa kann bløma og rettferd renna med same!
Eg, Herren, skaper det. 9 Ve den som trættar med
skaparen sin! Eit skålbrot millom dei andre av jord.
Kann leiret til formaren segja: «Kva gjer du?» Eller
verket ditt segja: «Han hev ikkje hender?» 10 Ve den
som segjer til far sin: «Kva avlar du?» Og til kvinna:
«Kva føder du?» 11 So segjer Herren, Israels Heilage
og skapar: Spør meg um det som kjem! Lat meg syta
for mine søner, og det verk mine hender hev gjort!
12 Det var eg som gjorde jordi, og folket der hev eg
skapt; mine hender spana ut himmelen, og all hans
her baud eg ut. 13 Det er eg som honom hev vekt i
rettferd, og alle hans vegar jamnar eg. Han skal byggja
min by og senda mine landlyste heim, og det utan
vederlag, utan betaling, segjer Herren, allhers drott. 14
So segjer Herren: «Rikdomen frå Egypt og vinningi frå
Ætiopia, og Saba-mennerne, røslege karar, skal koma
til deg og høyra til deg; dei skal fylgja deg og ganga i
lekkjor; for deg skal dei kasta seg ned, til deg skal dei
venda si bøn: Berre hjå deg er Gud og elles ingen,
ingen Gud.» 15 I sanning, du er ein løyndomsfull Gud,
du Israels Gud, du frelsar. 16 Til spott og skam vert
dei alle saman, gude-makaran' gjeng med blygsla. 17
Israel vert frelst ved Herren med æveleg frelsa, de vert
ikkje til spott og skam i alle ævor. 18 For so segjer
Herren, himmelskaparen, han som er Gud, han som
hev gjort og laga jordi, han som hev grunnfest henne;
ikkje til ei audn skapte han henne, men til folkebustad
laga han henne! - Eg er Herren, og ingen annan. 19
Ikkje i løyndom hev eg tala, ein stad i myrke-land; ikkje
hev eg sagt til Jakobs-ætti: Leita etter meg fåfengt!
Eg, Herren, talar rettferd, forkynner det som er rett.
20 Samle dykk og kome, kome saman hit, de som er
att av heidningfolki! Uvituge er dei som ber på sitt
trebilæte og bed til ein gud som ikkje kann frelsa. 21
Forkynn og seg frå! Ja, lat deim berre samrådast!
Kven hev kunngjort slikt frå fordom, meldt det for lenge
sidan? Tru det ikkje er eg, Herren? Og utan meg er det
ingen Gud. Ein rettferdig og frelsande Gud finst ikkje
utanum meg. 22 Vend dykk til meg, lat dykk frelsa,
alle utbygder av jordi! For eg er Gud, og ingen annan.
23 Ved meg sjølv hev eg svore, or min munn er det
gjenge sanning, eit ord som eg ikkje tek i meg att: For
meg skal bøygja seg kvart eit kne, til meg skal kvar ei
tunge sverja. 24 Berre hjå Herren, skal dei segja um
meg, er rettferd og magt. Til honom skal dei koma og
skjemmast alle som harmast på honom. 25 I Herren
vinn dei rettferd og rosar seg alle som er av Israels
ætt.

**46** Bel stuper, Nebo sig. Deira bilæte kjem til dyr
og fe. De bar deim i høgtid, no legg de deim på

dyr som ber seg trøytte av byrdi. 2 Dei sig og stupar
alle saman, dei kann ikkje berga byrdi, og sjølv lyt dei
fara or landet. 3 Høyr på meg, du Jakobs hus, og
heile du leivning av Israels hus! De som er borne frå
moderliv og lyfte på hender frå moderfang. 4 Til dykkar
alderdom er eg den same, og til dei gråe hår skal eg
bera dykk. Eg hev gjort det, og eg skal lyfta, eg skal
bera og berga. 5 Kven vil de likna meg med og setja
meg jamsides med? Kven set de upp til jamliken min?
6 Dei rister gull utor pungen, veg upp sylv på vegti,
leiger ein gullsmed til å laga ein gud, som dei bøygjer
seg for og bed til. 7 Dei tek han på nakken og ber
honom burt og set honom på sin plass, so stend han
der og flyt seg ikkje av flekken. Ropar ein til han, so
svarar han ikkje, or naudi bergar han ikkje. 8 Tenk
på det, og vert støde, de fråfalne, tak det til hjarta! 9
Tenk på det fyrste frå fordoms tid, at eg er Gud og
ingen annan, ein Gud som ei hev sin like, 10 eg som
frå upphavet enden varslar, og frå fordom det som
ikkje endå hev hendt, eg som segjer: «Mi rådgjerd skal
standa, og alt det eg vil, det gjer eg!» 11 Eg som kallar
ørnen frå aust, langt burtanfrå mannen som fullfører mi
råd. Som eg hev sagt det, so let eg det koma, som
eg hev tenkt det, eg set det i verk. 12 Høyr på meg,
de stridlyndte, som er langt burte frå rettferd! 13 Eg
fører hit mi rettferd, ho er ikkje langt burte, og mi frelsa
skal ikkje drygja. Eg gjev frelsa i Sion og til Israel min
herlegdom.

**47** Stig ned og set deg i moldi, du møy Babel-dotter!
Set deg på jordi utan kongsstol, du kaldæar-
dotter! For ei skal du lenger kallast den kløkke og
kjælne. 2 Tak handkverni og mal mjøl, legg sløret burt!
lyft slæpet upp, næk leggen, vad yver elvar! 3 Lat
skammi di syna seg, lat deim sjå di skjemsla! Hemn
tek eg og sparer ikkje eit menneskje. 4 Vår utløysar,
Allhers-Herren han heiter, Israels Heilage. 5 Set deg
stilt og gøym deg i myrkret, du kaldæar-dotter! For
ei skal du lenger kallast dronning yver riki. 6 Eg var
harm på mitt folk, vanhelga min arvlut og gav deim i
dine hender. Men du viste ikkje medynk. Jamvel på
gamlingar la du ditt tunge ok. 7 Du sagde: «Eg skal
alltid vera Æve-dronning, » du la ikkje det på hjarta,
tenkte ikkje på endelykti. 8 So høyr no det, du kjælne,
som trunar so trygt, du som segjer i ditt hjarta: «Eg og
ingen annan! Eg skal ikkje sitja enkja, og aldri sjå meg
barnlaus!» 9 Både desse ulukkor skal brått koma yver
deg på ein einaste dag, barnløysa og enkjestand kjem
på deg i fullaste mål, tråss i dine mange trollingar og
dine sterke bannlysingar. 10 Du var trygg i vondskapen
din og sa: «Det er ingen som ser meg!» Visdomen din
og vitskapen din hev dåra deg, so du sa i ditt hjarta:
«Eg og ingen annan!» 11 So skal det då vondt koma
yver deg, som du veit'kje å venda av, ei ulukka skal
falla yver deg, som du ikkje kann sona burt, og brått
skal det koma yver deg tjon når du ikkje varast. 12 Kom
no med dine bannlysingar, dine mange trollingar, som
du hev stræva med ifrå ungdomen! Kanskje kunde du
finna hjelp, kanskje skræma ulukka burt. 13 Du hev
trøytta deg med dine mange råder, lat deim so møta,
lat dei himmelkunnige hjelpa deg, stjernekikaran', dei
som kvar månad forkynner kva som skal hendast deg!
14 Men dei hev vorte som halm, elden brenner deim
upp, dei kann ikkje berga sitt eige livet or loge-vald.
Det er ikkje glod til å verma seg med, ikkje bål til å sitja
attved. 15 So gjeng det deg med deim du hev stræva
for, handelsvenerne dine frå ungdomen din. Dei vildrar
kvar sin veg, ingen som hjelper deg.

**48** Høyr dette, de av Jakobs hus, de som er nemnde
med Israels-namnet og hev runne or Judas
kjelda, de som sver ved Herrens namn og ærar Israels
Gud - men ikkje med sanning og rett! 2 For dei kallar
seg etter den heilage byen og lit på Israels Gud som
heiter Allhers-Herren. 3 Dei fyrste hendingar hev eg
forkynt for lenge sidan, or min munn gjekk dei ut, og eg
kunngjorde deim; brått hev eg sett deim i verk, og dei
kom. 4 For eg visste at du er hard, at nakken din er
som ei jarnspong og panna di som kopar. 5 So forkynte
eg deg det for lenge sidan, kunngjorde deg det fyrr det
kom, so du ei skulde segja: «Bilætet mitt hev gjort det,
mitt skorne eller støypte bilæt' hev skipa det til.» 6
Du hev høyrt det, sjå det no alt i hop! Og de, må de
ikkje sanna det? Men no eg forkynner deg nytt, dulde
ting som du ikkje veit um. 7 No vert det skapt og ikkje
fyrr, og du hev'kje høyrt um det fyrr i dag, so du ikkje
skulde segja: «Det visste eg!» 8 Du hev korkje høyrt
eller visst det eller fyrr fenge øyra upp for det, for eg
visste at du er falsk, og «utru» du heiter frå moderliv. 9
For mitt namn skuld døyver eg min harm, og for mi
æra skuld ber eg yver med deg, so eg ikkje tynar deg
reint. 10 Eg hev smelta deg - men vann ikkje sylv, eg
hev prøvt deg i lidingsomnen. 11 For mi skuld, for mi
skuld gjer eg det, for skulde eg tola at namnet mitt vert
krenkt? Mi æra gjev eg ingen annan. 12 Høyr på meg,
Jakob, og du Israel som eg hev kalla! Eg er det, eg,
den fyrste, og eg er den siste med. 13 Mi hand hev og
grunnfest jordi, og mi høgre hand spana himmelen
ut. So snart eg kallar på deim, stend dei der båe. 14
Kom saman alle og høyr: Kven av deim hev kunngjort
dette? Han som Herren elskar, skal gjera hans vilje
mot Babel og vera hans arm mot kaldæarfolket. 15 Eg,
eg hev tala, ja hev kalla honom, eg hev late han koma
og få lukka på ferdi. 16 Kom hit til meg, høyr dette! Frå
upphavet tala eg ei i løyndom. Frå den tid det kom, då
var eg der. Og no hev Herren, Herren sendt meg og

sin ande. 17 So segjer Herren, utløysaren din, Israels
Heilage: Eg er Herren, din Gud, som lærer deg det
som gagnar, som leider deg på vegen du skal fara. 18
Å, vilde du lyda på mine bod! Då vart din fred som elvi
og di rettferd som havsens bylgjor. 19 Då vart di ætt
som sanden og di livsfrukt som sandkorn; ættarnamnet
vart aldri øydt eller utsletta for mi åsyn. 20 Drag ut
or Babel, fly frå kaldæarland! Med fagnadrop forkynn
og fortel det, spreid det ut til verdsens ende! Seg at
Herren hev løyst ut sin tenar Jakob! 21 Dei tyrste ikkje;
i øydemark førde han deim, vatn or berget let han
sildra åt deim, han kløyvde berget, og vatnet renn. 22
Dei gudlause hev ingen fred, segjer Herren.

**49** De øyland, høyre på meg, og lyde, de folk langt
burte! Meg hev Herren kalla frå moderliv og
nemnt meg på namn frå moderfang. 2 Min munn hev
han gjort til eit sverd so kvast, i skuggen av handi si
hev han meg gøymt, og meg hev han gjort til ei pil so
blank og hev gøymt meg i pilehuset sitt. 3 Og han sa
til meg: «Min tenar, er du Israel, som meg æra skal
gjeva.» 4 Men eg sagde: «Eg hev stræva til fåfengs,
til unyttes reint hev eg øydt mi kraft. Men like vel er
min rett hjå Herren, og løni mi er hjå min Gud.» 5
«Men no, » segjer Herren, som hev gjort meg til tenar
frå moderliv til å føra Jakob attende til han, so Israel
kann samlast til han - og eg vann æra for Herrens
augo, og min Gud, han vart min styrke - 6 han segjer:
«D'er for lite at du er min tenar til å attreisa Jakobs
ætter og Israels leivningar føra til meg. So vil eg gjera
deg til heidningljos, at mi frelsa kann nå til enden av
jordi.» 7 So segjer Herren, Israels løysar og Heilage, til
den djupt vanvyrde som folk hev stygg for, til trælen
under tyranner: Kongar skal sjå det og reisa seg upp,
hovdingar med, og kasta seg ned for Herrens skuld
som trufast er, Israels Heilage som valde deg ut. 8
So segjer Herren: I nådestundi eg bønhøyrer deg, og
på frelsedagen hjelper eg deg, og eg varar deg og
gjer deg til folkepakt, til å attreisa landet og utskifta
øydelagd odelsgrunn. 9 Du skal segja til fangar: «Gakk
ut!» Til deim i myrkret: «Kom fram!» Attmed vegarne
skal dei få beita og hava kvar snaudheid til beite. 10
Dei skal ikkje svelta, skal ikkje tyrsta, og ikkje skal
sandglod og solsteik deim skada, for deira miskunnar
skal føra deim og leida deim lint til uppkomevatn, 11
og alle mine fjell vil eg gjera til veg, og mine stigar skal
byggjast høge. 12 Sjå, dei kjem langt burtanfrå! sume
frå nord og sume frå vest og sume frå sinesar-landet.
13 Jubla himmel, og fegnast jord, de berg set i med
glederop! For Herren trøystar sitt folk og miskunnar
armingarn' sine. 14 Men Sion segjer: «Herren hev
forlate meg, Herren hev gløymt meg.» 15 Gløymer
vel ei kvinna sogbarnet sitt, so ho ikkje miskunnar
den ho bar under hjarta? Um endå dei kunde gløyma,
so gløymer eg ikkje deg. 16 Sjå her, eg hev teikna
deg på henderne mine, murarne dine hev eg alltid
for augo. 17 Sønerne dine skundar seg hit, dei som
braut deg i grus, fer burt frå deg. 18 Upp med augo og
sjå deg ikring! Alle samlar seg hit til deg. So sant eg
liver, segjer Herren, du skal hava deim alle på deg
til prydnad og binda deim um deg til brurebelte. 19
For ruinarne dine og grushaugarne og ditt herja land
- jau, no vert du for trong for borgarane, og burte er
dei som gløypte deg. 20 Endå skal du få høyra borni
frå barnløyse segja: «Romet er meg for trongt. Flyt
deg, so eg kann få bu!» 21 Då tenkjer du med deg
sjølv: «Kven hev født meg desse borni? For eg var
barnlaus og ufør til føding, utlæg og heimlaus, kven
hev fostra desse? Eg sat eismall att, kvar var då dei?»
22 So segjer Herren, Herren: Sjå, eg lyftar mi hand for
heidningarne, og reisar mitt merke for folkeslagi, so
kjem dei med sønerne dine i fanget, og døtterne dine
ber dei på herdi. 23 Kongar vert fosterfeder for deg og
deira dronningar ammor åt deg. Dei kastar seg ned
på jordi for deg og slikkar moldi av føterne dine. Då
fær du røyna at eg er Herren, at dei ikkje vert svikne
som vonar på meg. 24 Kann ein taka herfanget frå ei
kjempa? Eller fangarne sleppa frå den som hev siger-
retten? 25 Ja! for so segjer Herren: Både skal dei taka
fangar frå kjempa, og valdsmanns herfang skal sleppa
undan, og eg vil strida med motparten din og frelsa
sønerne dine. 26 Eg let dine trælkarar eta sitt eige
kjøt og drikka sitt blod som druvesaft. Og alt kjøt skal
kjenna at det er eg, Herren, som frelsar deg, og at
Jakobs Velduge løyser deg ut.

**50** So segjer Herren: Kvar er skilsmålsbrevet åt
dykkar mor som eg hev sendt henne burt med?
Eller hev eg nokon kravsmann som eg hev selt dykk
til? Nei, for synderne dykkar er de selde, og for dykkar
brot er mor dykkar burtsend. 2 Kvifor fann eg ingen då
eg kom? Kvifor svara ingen då eg ropa? Er mi hand
for stutt til utløysing, hev eg ingi kraft til å hjelpa? Med
mitt trugsmål legg eg havet turt, elvarne gjer eg til
øydemark, so fiskarne rotnar for vatnet er burte, og
dei daudar av torste. 3 Eg klæder himmelen i svart
og sveiper honom i syrgjebunad. 4 Herren, Herren
hev gjeve meg ei læresveins-tunga, so eg kann vita å
kveikja den trøytte med ord. Han vekkjer kvar morgon,
han vekkjer mitt øyra til å høyra på læresveins vis. 5
Herren, Herren hev opna mitt øyra, eg var ikkje strid
og drog meg'kje undan. 6 Min rygg baud eg fram åt
deim som slo, og kinni åt deim som i skjegget reiv.
Eg løynde ikkje mitt andlit for hæding og sputt. 7
Men Herren, Herren, han hjelpar, di turvte eg ikkje
skjemmast. Difor gjorde eg andlitet hardt som stein,

og eg veit eg vert ei til skammar. 8 Min målsmann er
nær, kven strider mot meg? Kom, lat oss berre møtast!
Er nokon motparten min, so lat honom koma hit! 9
Sjå, Herren, Herren, han hjelpar meg, kven er det som
domfeller meg? Sjå, alle skal morkna som klædeplagg,
mol skal eta deim upp. 10 Kven er det av dykk som
ottast Herren, og høyrer på røysti åt tenaren hans? Um
han ferdast i myrker, og ikkje ser minste ljos, skal han
lita lel på Herrens namn og stydja seg på sin Gud. 11
Men alle de som kveikjer eld, som væpnar dykk med
brennande piler! Inn med dykk i logen av elden dykkar,
og under dei brandpiler de hev kveikt! Frå mi hand
skal det koma yver dykk, i pinsla skal de få liggja.

**51** Høyr på meg, de som jagar etter rettferd, de som
søkjer Herren! Sjå på det fjell de er hogne utor,
brunnen som de er gravne utor! 2 Sjå på Abraham,
dykkar far, og på Sara som fødde dykk! Ein han var
då eg kalla honom, og eg signa honom so han vart
mange. 3 For trøyst vil Herren gjeva til Sion, trøyst
til alle ruinarne hennar. Audheidi hennar gjer han til
Eden, og øydemarki til Herrens hage. Gleda og frygd
skal finnast der, lovsong og jubeltonar. 4 Høyr på meg,
du mitt folk, og lyd på meg, du min lyd! For lov gjeng
ut ifrå meg, og min rett eg set til ljos for folki. 5 Nær
er alt mi rettferd, til synes kjem mi frelsa, og mine
armar hjelpar folki til rett. Øyland ventar på meg, og på
min arm dei stundar. 6 Lyft augo upp til himmelen, og
sjå på jordi her nede! For himmelen skal kverva som
røyk, og jordi skal morkna som klædeplagg, dei som
bur der, døy som my. Men æveleg varer mi frelsa, og
aldri tryt mi rettferd. 7 Høyr på meg, de som kjenner
rettferd, du folk med mi lov i ditt hjarta! Ottast ikkje
for menneskjespott, og ræddast ikkje deira hæding. 8
For mol skal deim eta som klæde, og åt skal deim eta
som ull. Men æveleg varer mi rettferd, og mi frelsa
frå ætt til ætt. 9 Vakna, vakna, klæd deg i kraft, du
Herrens arm! Vakna upp som i fordoms tid, som i
gamle dagar! Var det'kje du som ubeistet hogg, og
sjøormen stakk i hel? 10 Var det ikkje du som turrlagde
havet, vatnet i store-djupet, havbotnen gjorde til veg,
so dei utløyste der kunde fara? 11 Dei som Herren hev
frikjøpt, skal snu heim og koma til Sion med jubelsong,
med æveleg gleda til hovudkrans. Gleda og frygd skal
dei nå, og sorg og sukk skal fly. 12 Ja, eg er dykkar
trøystar. Kven er då du som ræddast for menneskje
som skal døy, for mannsborn som kverv som gras? 13
Og du gløymer Herren, din skapar, himmel-utspanaren,
jord-grunnfestaren, og ræddast stødt all dagen for
valdsmanns vreide! Når han siktar på øydeleggjing,
kvar er då valdsmanns vreide? 14 Snart skal han verta
løyst, han som ligg bøygd i band, og han skal ikkje
døy og ganga i gravi, og ikkje skal han vanta brød. 15
Og eg er Herren, din Gud, som rører upp havet so
bylgjorne bruser. Allhers-Herren er namnet mitt. 16
Og eg lagde ordi mine i munnen din og løynde deg i
skuggen av handi mi, so eg kunde planta ein himmel
og grunna ei jord og segja til Sion: Du er mitt folk!
17 Råd or, råd or, reis deg, Jerusalem! Du drakk av
Herrens hand hans vreide-staup! Tumleskåli laut du
tøma til botnar. 18 Det er ingen som leider henne av
alle dei borni ho fødde, og ingen tek henne i handi
av alle dei borni ho fostra. 19 Tvo ting var det som
hendest deg - kven ynkar deg? - vald og våde, svolt og
sverd - kven trøystar deg? 20 Sønerne dine seig ned
og låg på alle gatehyrno som ein hjort i garnet, dei var
metta med Herrens brennande harm, med refsingsord
frå din Gud. 21 Difor høyr då dette, du arming, du som
er full, um ikkje av vin. 22 So segjer herren din, Herren,
din Gud som forsvarer sitt folk: No tek eg tumleskåli
or handi på deg, mitt vreide-staup skal du ikkje tøma
meir. 23 Og eg gjev det i handi på plagaran' dine, dei
som sagde til deg: «Legg deg ned, so me kann få
trøda på deg!» og du gjorde din rygg lik flate marki,
som ei gata for ferdafolk.

**52** Vakna, vakna! klæd deg i di kraft, du Sion! Klæd
deg i ditt høgtidsskrud, Jerusalem, du heilage
by! For aldri meir skal det koma i deg ein u-umskoren
eller urein. 2 Rist av deg dusti og reis deg, og kom deg
til sætes, Jerusalem! Løys deg frå lekkjorne um din
hals, du fanga Sions-dotter! 3 For so segjer Herren:
For inkje vart de selde, og utan pengar skal de verta
utløyste. 4 For so segjer Herren, Herren: Fyrr drog
folket mitt ned til Egyptarland og vilde vera gjester der,
og Assur var hard imot det utan grunn. 5 Og no, kva
skal eg vel gjera her? segjer Herren, då folket mitt er
burtrive for inkje, valdsherrarne uler, segjer Herren,
og alltid, heile dagen, vert namnet mitt spotta. 6 Difor
skal folket mitt læra å kjenna namnet mitt; difor skal de
merka den dagen at det er eg som taler: ja, her er eg.
7 Kor fagre er på fjelli hans føter som ber gledebod,
som forkynner fred, som ber godt bod, som forkynner
frelsa, som segjer til Sion: «Din Gud er no konge!» 8
Høyr, dine vaktmenn ropar! Dei jublar alle i hop. For dei
ser med eigne augo at Herren kjem heim att til Sion. 9
Set alle i med jubelrop, de grushaugar i Jerusalem!
For Herren trøystar sitt folk, løyser ut Jerusalem. 10
Herren syner sin heilage arm for augo på alle folk,
og alle utbygder på jordi ser frelsa frå vår Gud. 11
Burt, burt, drag ut derifrå! Ikkje rør noko ureint! Drag ut
derifrå og reinsa dykk, de som ber Herrens kjerald! 12
For de skal ikkje fara hovudstup, ikkje heller renna i
flog. For Herren gjeng fyre dykk, og Israels Gud fer
sist i ferdi. 13 Sjå, vist ber min tenar seg åt, han stig

og veks, vert umåteleg stor. 14 Som dei fælte av deg
mange - so umenneskjeleg skamførd såg han ut og ei
som mannsborn hans skapnad var - 15 so fær han
mange folkeslag til å furda, yver honom skal kongar
tagna; for dei ser det som ei var fortalt deim, og dei
ansar på det som dei aldri hev høyrt.

53 Kven trudde det bodet me høyrde? Og kven
synte Herrens arm seg for? 2 Han rann som
ein renning for augo hans, som ein teinung or turre
jordi. Uskapleg var han og lite sjåleg. Me såg han,
men ei såg han hugnadleg ut. 3 Vanvyrd var han, so
folk heldt seg undan, ein mann i pinslor og velkjend
med sjukdom, som ein som ingen vil sjå på, vanvyrd,
og me honom rekna for inkje. 4 Men våre sjukdomar
var det han bar, og våre pinslor som han tok på seg,
medan me trudde Gud hadde råka og slege og plåga
honom. 5 Ja, han vart såra for våre brot og sundbroten
for våre synder. Refsing til fred for oss låg på honom,
og ved hans sår fann me lækjedom. 6 Alle for me
vilt som sauer, vende oss kvar sin veg; men Herren
let råka honom det som me hadde skuld i alle. 7
Skamfaren vart han, men leid so viljug og let ikkje upp
sin munn, som lambet dei fører til slagting, og sauen
som tegjer når han vert klypt - han let ikkje upp sin
munn. 8 Med vald og dom vart han teken burt, men
kven i hans samtid tenkte då: «Burtriven vart han or
livandelandet, for mitt folks brot fekk han ulivssår?» 9
Millom gudlause gav dei han grav, men hjå rikmann
var han i dauden; for ingen urett hadde han gjort, og
det fanst ikkje svik i hans munn. 10 Men Herren vilde
med sott honom krasa. Når hans sjæl eit skuldoffer
bar, skulde han avkjøme sjå og langt liv, og Herrens
vilje ved honom lukkast. 11 For si sjæle-møda skal han
sjå det og mettast, ved sin kunnskap gjev han rettferd,
min rettvise tenar, til mange, med di han ber deira
skuld. 12 Difor gjev eg honom mange til lut, og sterke
fær han til herfang, for han tømde si sjæl til dauden og
vart millom brotsmenner rekna, medan han bar syndi
åt mange, og han for brotsmenner bad.

54 Fagna deg, du barnlause, du som ikkje fødde!
Set i med fagnadrop og jubla, du som ei hadde
rider! For den einslege hev fleire born enn den gifte
kona, segjer Herren. 2 Vida ut tjeldromet ditt, lat
deim spana ut tjeldet du bur i, hindra det ikkje! Tøyg
tjeldsnorerne dine, og slå pålarne fast! 3 For du skal
breida deg til høgre og vinstre, og di ætt skal taka
heidningfolk til eiga og folka upp att øydelagde byar. 4
Ottast ikkje, for du skal ikkje turva skjemmast, ver ikkje
skamfull, for du skal ikkje turva raudna. Nei, skammi frå
ungdomen skal du gløyma, og spotti frå enkjestandet
skal du'kje minnast meir. 5 For mannen din er skaparen
din, Allhers-Herren er namnet hans, og Israels Heilage
er din utløysar. Han heitar Gud for all jordi. 6 Då du var
ei burtstøytt kvinna med hjartesorg, kalla Herren deg.
Kor kann ein forsmå sitt ungdomsviv? Segjer din Gud.
7 Ei liti stund gjekk eg frå deg, men i miskunn stor vil
eg samla deg. 8 I ei harmflaga løynde eg mi åsyn
for deg ei stund, men med æveleg nåde miskunnar
eg deg, segjer Herren, utløysaren din. 9 For som
Noah-flaumen er dette for meg. Som eg svor at Noah-
flaumen ikkje meir skal koma yver jordi, so hev eg
svore at eg ikkje meir vil harmast på deg eller skjenna
på deg. 10 Ja, um fjelli vik og haugarne svigtar, so skal
ikkje nåden min vika frå deg, og mi fredspakt skal ikkje
svigta, segjer Herren som miskunnar deg. 11 Du arme
stormdrivne, trøystarlause, sjå, eg legg dine steinar i
antimon, byggjer grunnmuren din med safirar. 12 Eg
gjer dine murtindar av rubinar og portarne av karfunkel
og heile din ringmur av dyre steinar. 13 Og alle dine
søner skal vera upplærde av Herren, og stor fred skal
sønerne dine hava. 14 Ved rettferd skal du standa fast,
ver trygg for vald, du hev inkje å ottast, og for rædsla,
ho når deg ikkje. 15 Yppar nokon til strid, kjem det ikkje
frå meg, den som tek på deg, skal falla i striden mot
deg. 16 Sjå, eg hev skapt smeden som blæs i kolelden
og lagar våpn til sitt bruk, og eg hev skapt tynaren
til å øyda det. 17 Alle våpn dei smider mot deg, skal
vanheppast; og kvar tunga som yppar strider med deg,
skal du få domfelt. Det er den arv som Herrens tenarar
fær, og deira rettferd frå meg, segjer Herren.

55 Å, alle de tyrste, kom til vatnet! Og de som ikkje
hev pengar, kom, kjøp korn og et! Ja, kom og
kjøp korn utan pengar, og utan betaling vin og mjølk! 2
Kvi gjev de pengar ut for det som ikkje er brød? Og
dykkar vinning for det som ikkje kann metta? Å, høyr
på meg og et det som godt er, og dykkar sjæl skal
njota feitemat! 3 Vend øyra hit og kom til meg! Høyr,
so skal dykkar sjæl få liva! So gjer eg med dykk ei
æveleg pakt, og gjev dykk Davids usviklege nåde. 4
Sjå, eg hev sett han til vitne for folki, til hovding og
styrar for folkeslagi. 5 Ja, du skal kalla på eit folk som
du ikkje kjenner, og folk som ikkje kjenner deg, skal
skunda seg til deg, for Herrens skuld, din Gud, for
Israels Heilage skuld, for han hev herleggjort deg. 6
Søk Herren medan han er å finna, kalla på honom
den stund han er nær! 7 Den gudlause vende seg frå
sin veg, og den urettferdige frå sine tankar, og vende
seg um til Herren, so skal han miskunna honom, og til
vår Gud, for han skal rikleg forlata. 8 For mine tankar
er ikkje dykkar tankar, og dykkar vegar er ikkje mine
vegar, segjer Herren. 9 Nei, so høg som himmelen er
yver jordi, so er mine vegar høgre enn dykkar vegar
og mine tankar høgre enn dykkar tankar. 10 For liksom

regnet og snøen fell ifrå himmelen og ikkje fer upp att
dit fyrr det hev vatna jordi og gjeve henne grokraft og
grøda, ja, gjeve såkorn og brødkorn, 11 so skal det
vera med ordet mitt som gjeng ut or munnen min, det
skal ikkje koma att til meg tomt, men verka det som eg
vil, og fullføra det som eg sende det til. 12 Ja, med
gleda skal de draga ut og verta førde i fred. Fjell og
haugar skal setja i med fagnadrop fyre dykk, og alle
tre på marki skal klappa i hender. 13 I staden for tornar
skal det veksa cypressor, i staden for tistlar veksa
myrt. Dermed fær Herren eit ærenamn, eit ævemerke,
som aldri vert øydt.

**56** So segjer Herren: Tak vare på rett og gjer rettferd!
For mi frelsa er alt i kjømdi, og mi rettferd skal
syna seg snart. 2 Sæl er den mann som gjerer
dette, den menneskja som held fast på det, som held
kviledagen utan vanhelging og varar si hand frå vonde
verk. 3 Den framande må ikkje segja, han som held
seg til Herren: «Herren vil skilja meg frå sitt folk!» Og
gjeldingen må ikkje segja: «Sjå, eg er eit turka tre!» 4
For so segjer Herren: Dei gjeldingar som held mine
kviledagar, som vel det som er min vilje, og som held
fast på mi pakt, 5 åt deim skal eg i mitt hus og innanfor
mine murar gjeva eit namn og eit minne som er betre
enn søner og døtter; eit æveleg namn gjev eg deim,
eit namn som aldri øydest. 6 Og dei framandfødde
som held seg til Herren og vil tena honom og elska
Herrens namn, og vil vera hans tenarar, kvar som held
kviledagen utan vanhelging, og held fast på mi pakt, 7
deim vil eg føra til mitt heilage berg og gleda deim i
mitt bønehus, deira brennoffer og slagtoffer skal vera
til hugnad på altaret mitt! For mitt hus skal kallast eit
bønehus for alle folk. 8 So segjer Herren, Herren, som
samlar dei spreidde av Israel: Endå fleire samlar eg til
han attåt deim som er samla. 9 Alle villdyr i marki, kom
og et, ja, alle villdyr i skogen! 10 Vaktmennerne her er
alle blinde, dei skyner ingen ting. Alle er dei mållause
hundar som ikkje kann gøy, dei ligg og drøymer, likar å
sova; 11 dei er hækne hundar, vert aldri mette, og slike
folk er hyrdingar, som ikkje veit å gjeva gaum! Dei
vender seg alle sin eigen veg, kvar til si eigi vinning,
alle som ein. 12 «Kom, eg skal henta vin, so vil me
drikka rusdrykk; som i dag skal morgondagen vera, me
skal hava det herlegt.»

**57** Den rettferdige set livet til, og ingen legg seg det
på hjarta, og hjartevarme menneskje vert rivne
burt, men ingen ansar det. For den rettferdige vert
riven burt av ulukka. 2 Han gjeng inn til fred; dei kvila
på sine lægje dei som hev ferdast beint fram. 3 Men
de, kom her hit, de trollkjerringsøner, du ætt av horkar
og skjøkja! 4 Kven hev de til låtteløgje? Kven geipar de
åt, og retter ut tunga? Er ikkje de brots-ungar, ei ljugar-
ætt? 5 De som brenn av lystnad ved eikarne, under
kvart eit lauvrikt tre, de som slagtar born i dalarne, i
skortor og skard! 6 Håle steinar i dalen held du deg til,
dei, ja dei er din lut. For deim hev du og rent drykkoffer
ut og bore grjonoffer fram. Skulde eg vera nøgd med
det? 7 På kvart eit høgrise fjell reidde du lega di; der
og steig du upp og ofra slagtoffer. 8 Og bakum døri og
dørskia sette du ditt minnesmerke, du snudde ryggen
til meg, klædde av deg og steig upp og laga di lega
til, du tinga med deim, lika å liggja med deim, såg
deira skam. 9 Du drog til kongen med olje, med mykje
kryddesalve, du sende dine bod langt burt, steig ned til
helheim. **(Sheol h7585)** 10 Um du enn vart trøytt på den
lange ferdi, so sagde du ikkje: «Eg gjev meg yver!» Du
samla atter di kraft, difor vart du ikkje veik. 11 Kven var
du rædd og ottast, sidan du var so utru og ikkje tenkte
på meg og ikkje brydde deg um meg? Er det ikkje so:
Eg hev tagt i lange tider, difor ottast du ikkje meg? 12
Eg vil forkynna di rettferd og dine verk, dei kann ikkje
hjelpa deg. 13 Når du skrik, so lat avgudsflokken din
berga deg! Nei, ein vind skal føykja deim alle burt, ei
vindgufs taka deim med seg. Men den som flyr til meg,
skal erva landet og få til eiga mitt heilage berg. 14 Og
det skal verta sagt: «Brøyt, brøyt, jamna veg, tak kvar
støytestein burt frå vegen åt mitt folk!» 15 For so segjer
han som er høgt upphøgd, han som trunar æveleg
og heiter «Heilag»: I det høge og heilage bur eg, og
hjå den som er broten og nedbøygd i åndi, for eg vil
vekkja åndi til liv hjå dei bøygde, og hjarta til liv hjå dei
brotne. 16 For eg trættar ikkje til æveleg tid, og er ikkje
stødt og stendigt harm, for då laut åndi ormegtast for
meg, dei sjæler som eg hev skapt. 17 Eg harmast for
hans girugsskapssynd, eg slo han og løynde meg i
min harm, han fylgde i fråfall sin hjartans veg. 18 Hans
vegar hev eg sett, men no vil eg lækja honom, eg vil
leida honom og gjeva honom og hans syrgjande trøyst.
19 Herren skaper frukt av lippor fred, fred for fjerr og
nær, segjer Herren, og eg vil lækja honom. 20 Men dei
gudlause er som det bårande havet, det kann ikkje
halda seg stilt, og bylgjorne rotar upp søyla og skarn.
21 Dei gudlause hev ingen fred, segjer min Gud.

**58** Ropa av full hals, ikkje spar! Lyft di røyst som ein
lur! Forkynn mitt folk deira brot, og Jakobs hus
deira synder! 2 Meg spør dei dag for dag, mine vegar
vil dei vita, som eit folk som hev livt i rettferd og ei
vendt seg frå sin Guds rett, krev dei av meg rettferdige
domar, dei vil at Gud skal koma. 3 «Kvi fastar me, og
du ser det ikkje? Kvi spekjer me oss, og du agtar'kje
på det?» - Jau, på fastedagen finn de forretning og
driv til arbeid alle dykkar folk. 4 Sjå, de fastar med kiv
og strid, med hogg og slag av gudlause nevar, ikkje

fastar de i dag, so røysti dykkar kann høyrast i det
høge. 5 Er det ei faste eg likar, ein dag då menneskja
spekjer seg? Å bøygja hovudet som eit sev, å reider
seg seng i sekk og oska - kallar du det ei faste, og
ein dag som er Herren til hugnad? 6 Er ikkje det ei
faste eg likar, urettferdige lekkjor løysa, sprengja bandi
på oket, gjeva dei nedtyngde fridom, og knekkja kvart
eit ok? 7 Ja, at du bryt ditt brød åt den svoltne, tek
heimlause stakarar til deg, at du klæder den nakne
du ser, og ei dreg deg burt frå ditt kjøt og blod? 8
Då skal ljoset ditt renna som morgonroden, og din
lækjedom koma brått, og di rettferd skal ganga fyre
deg, og Herrens herlegdom sist i ferdi. 9 Då svarar
Herren når du kallar, når du ropar, segjer han: «Sjå,
her er eg!» Fær du burt ifrå deg tyngjing med ok,
sluttar å peika med fingen' og tala vondt, 10 og gjev
den hungrige etter din hug og mettar ei nedbøygd
sjæl, då skal ljoset ditt stråla i myrkret, og di natt skal
verta som middag. 11 Då skal Herren leida deg alltid,
han skal metta di sjæl i øydemarker, han skal styrkja
beini dine, og du vert som ein velvatna hage, som ei
rennande kjelda der vatnet aldri tryt. 12 Og dine søner
skal byggja gamle grushaugar upp att, du skal reisa
upp tufter som lenge låg i øyde, og dei skal kalla deg
«Murbrot-bøtar», «vegnybyggjar til busetjing». 13 Held
du foten din att frå kviledagen, so du ei driv ditt yrke på
min heilagdag, kallar du kviledagen «ei lyst», Herrens
heilagdag «høgvyrd», ærar du honom og held deg frå
dine tiltak, ikkje driv med ditt yrke eller prat - 14 då skal
du frygda deg i Herren, yver haugarne i landet let eg
deg fara og let deg njota arven åt Jakob, far din; for
Herrens munn hev tala.

**59** Sjå, Herrens hand er ikkje so stutt, at han ikkje
kann frelsa, og øyra hans er ikkje so tunghøyrt,
at det ikkje kann høyra. 2 Men skuldi dykkar er det som
skil millom dykk og dykkar Gud, og synderne dykkar
hev dult hans åsyn for dykk, so han ikkje høyrer. 3
For henderne dykkar er sulka med blod, og fingrarne
dykkar med misgjerd; lipporne dykkar talar lygn, tunga
mullar på vondt. 4 Ingen ropar til doms for rettferd,
ingen hev ærleg rettargang. Dei lit på fåfengd og talar
fals, umhender med ulukka føder dei tjon. 5 Orme-
egg klekkjer dei ut, og kongurvev vev dei; den som
et deira egg, lyt døy, og krasar du eit, kjem det fram
ein orm. 6 Deira vevnad vert aldri til klæde, ein kann
ikkje hylja seg i deira verk; deira verk er vondskaps
verk, og valdsverk er i deira hender. 7 Deira føter er
snare til vondt og snøgge til å renna ut skuldlaust
blod, deira tankar er vondskaps tankar, det er vald og
uferd kvar dei fer. 8 Fredsveg kjenner dei ikkje, det
finst ingen rett i deira spor. Dei fer på krokute stigar,
kvar som fer soleis, veit ikkje av fred. 9 Difor er retten
langt burte frå oss, og rettferd vil ikkje koma til oss;
me ventar på ljos, og so finn me myrker - på solskin,
men ferdast i skugge. 10 Me trivlar som blinde langs
vegen, me trivlar som folk utan augo; midt på dagen
me snåvar som i skumingi, millom friske er me som
døyande. 11 Me gryler alle som bjørnar, og som duvor
me sukkar; me ventar på retten, men ikkje han kjem, på
frelsa, men ho er langt burte frå oss. 12 For synderne
våre mot deg er mange, og våre misgjerningar vitnar
imot oss; ja, synderne våre hev me i minne, og våre
misgjerningar veit me um: 13 Me hev falle ifrå og neitta
Herren, me hev gjenge burt frå vår Gud; me hev tala
um trælking og fråfall, hev teke upp og sagt ut or hjarta
ljugarord. 14 Retten vert undantrengd, og rettferdi
stend langt burte; for sanning hev snåva på tinget, og
det rette vinn ikkje fram, 15 og sanningi vart burte,
den som held seg frå vondt, vert plundra. Og Herren
såg det og harmast for det ikkje fanst nokon rett. 16
Han såg at det ingen fanst, og han undrast at ingen
greip inn. Då hjelpte honom hans arm, og hans rettferd
var honom til studnad. 17 Han tok rettferd på seg til
brynja og frelse-hjelm på sitt hovud, hemn-klæde tok
han til klædnad, sveipte um seg brennhug til kåpa.
18 Han gjev deim att etter gjerningar, harm yver sine
motmenner, attergjeld for sine fiendar, ja, øylandi skal
få det att. 19 Og i vesterland skal dei ottast Herrens
namn og i austerland hans herlegdom, for han kjem
som ein innestengd foss som Herrens storm driv fram.
20 Og han kjem som utløysar for Sion, og for deim som
snur seg frå synd i Jakob, so er Herrens ord. 21 Og
dette er den pakt som eg på mi sida gjer med deim,
segjer Herren: Min ande som er yver deg, og mine ord
som eg hev lagt deg i munnen, dei skal ikkje vika frå
din munn, og ikkje frå munnen åt borni dine, og ikkje
heller frå munnen åt barneborni dine, segjer Herren,
frå no og i all æva.

**60** Statt upp, vert ljos! for ljoset ditt kjem, og Herrens
herlegdom renn upp yver deg. 2 Sjå, myrker
ligg yver jordi, og skydimma yver folki, men yver deg
renn Herren upp, yver deg hans herlegdom syner
seg. 3 Og folkeslag fer til ditt ljos, og kongar til din
strålande glans. 4 Lyft augo upp, og sjå deg ikring!
Dei samlar seg alle, dei kjem til deg. Dine søner kjem
langt burtanfrå, dine døtter vert borne på armen. 5
Då skal du sjå det og stråla av gleda, og hjarta skal
bivra og vida seg ut; for havsens rikdom skal venda
seg til deg, folke-midelen koma til deg. 6 Mengdi av
kamelar skal dekkja deg, kamelfolar frå Midjan og
Efa; alle skal dei koma frå Saba; gull og røykjelse
skal dei bera, og forkynna Herrens pris. 7 Alle sauer
frå Kedar skal samlast til deg, verar frå Nebajot tena
deg, dei stig som eg vil på mitt altar, og mitt herlege

hus vil eg herleggjera. 8 Kven er det som flyg som
skyer, som duvor til sine hus? 9 For øyland ventar
på meg, og fremst gjeng Tarsis-skipi med borni dine
langt burtanfrå, deira sylv og gull kjem med deim, for
namnet åt Herren din Gud, for Israels Heilage, for han
vil gjera deg herleg. 10 Utlendingar skal dine murar
byggja, deira kongar skal tena deg; for i min harm hev
eg slege deg, men i min nåde miskunnar eg deg. 11
Dine portar skal stødt standa opne, korkje dag eller
natt skal dei stengjast, so eiga åt folki kann førast til
deg, og kongarne deira i sigerferdi; 12 For det folk og
det rike som ikkje vil tena deg, skal ganga til grunns,
og folki verta reint tynte. 13 Libanons herlegdom skal
koma til deg, cypressa, alm og gran i saman, til å
pryda min heilagdoms stad, eg vil heilaggjera min
fotstad. 14 Bøygde kjem til deg borni åt trælkaran'
dine, dei som vanvyrde deg, skal kasta seg ned for
føterne dine, og dei skal kalla deg «Herrens by», «Sion
åt Israels Heilage». 15 Medan du fyrr var forlati og
hata, og ingi ferdsla hadde, vil eg gjera deg æveleg
gild, til ei gleda frå ætt til ætt. 16 Du skal suga mjølk
ifrå folki, ja, kongebrjost skal du suga, du skal merka
at Herren, eg, er din frelsar, og Jakobs Velduge din
utløysar. 17 Gull let eg koma i staden for kopar, sylv let
eg koma i staden for jarn, kopar i staden for tre, og
jarn i staden for steinar, fred set eg til styremagt yver
deg, og rettferd til futar åt deg. 18 Ikkje meir skal ein
høyra um vald i ditt land, avøyding og snøyding innum
grensorne dine. Du skal kalla frelsa murarne dine, og
lovsong portarne dine. 19 Ikkje skal soli lenger vera
deg til ljos um dagen, og ikkje skal månen skina og
lysa for deg; men Herren skal vera deg ævelegt ljos,
og din Gud vera din herlegdom. 20 Ikkje lenger skal
soli di glada, og ikkje månen din missa sin glans; for
Herren skal vera deg ævelegt ljos, dine syrgjedagar er
enda. 21 Og ditt folk, dei er alle rettferdige, æveleg
skal dei landet eiga, dei er renningen av mi planting,
verket av mine hender til mi æra. 22 Den minste skal
verta til tusund, den ringaste til eit veldugt folk. Eg er
Herren, i si tid set eg det brått i verk.

**61** Herrens, Herrens ande er yver meg, for Herren
hev salva meg til å bera fagnadbod til dei
smålåtne, han hev sendt meg til å binda um dei
hugbrotne, til å ropa ut fridom for fangar, og for dei
bundne utløysing, 2 ropa ut eit nåde-år for Herren og ein
hemnedag frå vår Gud, til å trøysta alle dei syrgjande,
3 til å gjeva dei syrgjande i Sion høgtidskruna for
syrgjebunad, gledeolje i staden for sorg, lovsongs-
klæde for vanmoda ånd, og dei skal heita rettferds
eiker, Herrens plantning til herleggjering. 4 Dei skal
byggja upp att gamle grushaugar, reisa upp att ruinar
frå federne, nya upp att nedbrotne byar, øydegarder
frå ætt til ætt. 5 Framande skal gjæta smalen dykkar,
utlendingar dyrka åt dykk både åker og vingard. 6 Men
de skal heita Guds prestar, tenarar åt vår Gud skal dei
kalla dykk; folke-eiga skal de njota, og deira herlegdom
skal de få. 7 For dykkar skam fær de dobbelt att, dei
som leid skjemsla, skal prisa sin lut. Difor fær dei
dobbel lut i sitt land, æveleg gleda skal dei få. 8 For eg,
Herren, elskar retten, eg hatar urett ran, og trufast gjev
eg deim løni deira og gjer med deim ei æveleg pakt. 9
Namngjeti vert deira ætt millom folki og avkjømet deira
bland tjoderne; alle som ser deim, skal kjenna deim, at
dei er ei ætt som Herren hev signa. 10 Eg gled meg
storleg i Herren, sjæli mi fegnast i min Gud. For han
hev klædt meg i frelse-klæde, sveipt meg i rettferds-
kåpa, som ein brudgom seg pryder med prestehuva og
ei brur tek på seg sin prydnad. 11 For som jordi sin
grode let renna, og hagen sitt sæde let veksa, so let
Herren, Herren rettferd renna og lovsong for alle folks
åsyn.

**62** For Sions skuld vil eg ikkje tegja; for Jerusalems
skuld vil eg ei vera still, fyrr hennar rettferd kjem
fram som solskin og hennar frelsa som brennande
kyndel. 2 Og folki skal sjå di rettferd og alle kongar din
herlegdom, dei skal kalla deg med eit nytt namn, som
Herrens munn skal nemna. 3 Du skal vera ei herleg
krans i handi åt Herren, ei kongekruna i handi åt din
Gud. 4 Du skal ikkje heita «den forlatne» lenger, og ditt
land ikkje heita «øydeland», men du skal heita «ho eg
hev huglagt», og landet ditt «egtevivet»; for Herren hev
hugnad i deg, og landet ditt skal verta egtevigt. 5 Som
ein ungdom giftar ei gjenta, so skal dine søner deg
gifta, og som brudgomen gled seg i bruri, skal din Gud
gleda seg i deg. 6 På murarne dine, Jerusalem, hev
eg vaktmenner sett; heile dagen og heile natti skal dei
aldri tegja. De som maner på Herren, unn dykk ingi ro!
7 Og gjev ikkje honom ro fyrr han grunnar Jerusalem
og let det verta til emne for lovsong på jordi! 8 Herren
hev svore ved si høgre hand og ved sin velduge arm:
Eg skal ikkje lenger gjeva ditt korn til føda for fiendarn'
dine, og ei skal utlendingar drikka di saft, som du hev
havt møda med; 9 nei, dei som hausta, skal eta og
prisa Herren, og dei som sankar druvorne, skal drikka i
mine heilage tun. 10 Drag ut, drag ut gjenom portarne,
ryd vegen for folket, brøyt, brøyt brauti, reinsa burt
steinen, lyft eit merke upp yver folki! 11 Høyr, Herren
let det ljoma til heimsens ende: Seg til Sions dotter:
Sjå, di frelsa kjem! Sjå, si løn hev han med seg, og
hans vederlag gjeng fyre honom. 12 Og dei skal kallast
«det heilage folket», «Herrens løyste»; og du sjølv skal
heita «den søkte», «byen som ikkje er aud».

**63** Kven er dette som kjem frå Edom, frå Bosra i
raude klæde, so brikjen i bunaden sin, so staut i
si store kraft? «Det er eg, eg som talar rettferd, som er
megtig til å frelsa.» **2** Kvifor er bunaden din so raud,
og klædi som trødde du vinpersa? **3** «Eg trødde persa
åleine, og ingen av folki var med meg. So trødde eg
på deim i vreide og trakka deim sund i min harm. Då
skvatt deira blod på klædi mine, og eg sulka heile min
klædnad. **4** For ein hemnedag var i min hug, og mitt
utløysingsår var kome. **5** Eg såg meg um, det var
ingen som hjelpte, og eg undrast på at ingen meg
studde, då hjelpte meg min arm, og min harm var
meg til studnad, **6** og eg trakka ned folkeslag i min
vreide og gjorde deim drukne i min harm, deira blod let
eg renna på jordi.» **7** Herrens miskunn vil eg prisa,
Herrens storverk, etter alt det Herren hev gjort oss
og hans store godleik mot Israels hus, som han viste
deim i si miskunn og sin store nåde. **8** Han sagde:
«Dei er mitt folk, trufaste borni.» Og han vart deira
frelsar. **9** I all deira trengsla var ingi trengsla, hans
åsyns engel frelste deim; i sin kjærleik og si milda han
løyste deim ut, han tok deim upp, og han bar deim
alle fordoms dagar. **10** Men dei var stride og harma
hans heilage ande, då gjordest han um til fiend', sjølv
stridde han mot deim. **11** Då fordoms dagar då tenkte
hans folk på Moses: Kvar er han som deim førde or
havet med sin buskaps hyrding? Kvar er han som gav
deim i barmen sin heilage ande, **12** som let fara ved
Mose sida sin herlege arm, som kløyvde vatnet framfor
deim, so han skapte seg eit æveleg namn, **13** han
som førde deim gjenom djupet som ein hest yver heidi,
so ikkje dei snåva? **14** Liksom buskapen gjeng ned i
dalen, førde Herrens ande deim til ro; ja, so hev du
ført ditt folk og skapt deg eit herleg namn. **15** Skoda
ned frå himmelen, sjå, frå din heilage, herlege bustad!
Kvar er din brennhug, di kraft? Di rørsla i barmen, di
miskunn held seg att imot meg. **16** For du er vår fader,
for Abraham veit ikkje um oss, og Israel kjenner oss
ikkje. Men du, Herre, er vår fader, «Vår utløysar» du
heiter frå gamalt. **17** Kvi let du oss vildra, Herre, frå
dine vegar? Kvi gjer du vårt hjarta hardt, so me ikkje
ottast deg? Vend att for dine tenarar skuld, for ætterne
i din arvlut! **18** Eit lite bil hev ditt heilage folk havt si
eiga, so trakka våre uvener ned din heilagdom. **19** Det
hev vorte med oss som du aldri hadde rådt yver oss,
som ditt namn hadde ei vore nemnt yver oss.

**64** Gjev du reiv himmelen sund og steig ned, so
fjelli skalv for di åsyn, **2** som elden fatar i risved,
elden set vatnet i kok, til å kunngjera namnet ditt for
dine motmenn, so folki laut skjelva for di åsyn, **3** når
du gjorde skræmeverk, som me ikkje venta - å, steig
du ned, so fjelli skalv for di åsyn! **4** Aldri hev nokon
spurt eller høyrt, aldri hev auga set nokon annan gud
enn du gjera soleis med deim som ventar på honom. **5**
Du kjem imot dei som gjer rettferd med gleda, dei som
kjem deg i hug på vegarne dine. Sjå, du vart harm,
og me synda; so var det med oss frå gamalt, kann
me verta frelste? **6** Me vart alle i hop som ein urein,
og all vår rettferd som eit tilsulka plagg, som lauvet
visna me alle saman, og våre skuld bles oss burt som
vinden. **7** Det var ingen som kallar på namnet ditt, som
manna seg upp til å gripa deg; for du hadde løynt di
åsyn for oss og late oss skjelva under vår skuld. **8**
Men no, Herre, er du vår fader; me er leiret og du vår
formar, eit verk av di hand er me alle. **9** Herre, ver
ikkje so ovleg harm, og tenk ikkje ævleg på skuldi. Sjå
no på me alle er ditt folk! **10** Dine heilage byar vart
øydemark, Sion vart til ei øydemark, Jerusalem til ei
audn. **11** Vårt heilage hus, det herlege, der federne
våre deg lova, hev vorte uppbrent med eld, og all vår
hugnad hev vorte grushaugar. **12** Kann du halda deg
att med alt dette, Herre? Vil du tegja og trykkja oss so
tungt?

**65** Eg baud meg fram der ingen spurde, eg var å
finna der ingen søkte meg; eg sagde: «Her er
eg, her er eg!» Til eit folk som ei bar mitt namn. **2**
Eg rette all dagen ut mine hender til eit tråssugt folk,
som fer den vonde vegen etter sine eigne tankar, **3** til
eit folk som sårar meg alltid midt i syni, som ofrar i
hagarne, kveikjer offereld på tiglstein, **4** som set seg
ned i graver, og nattar i løyndarhol, som et svinekjøt,
hev ufyseleg mat i skålerne sine, **5** som segjer: «Haldt
deg undan! Ikkje rør meg, for eg er heilag for deg!»
Dei folk er som røyk i nasen min, ein eld som logar all
dagen. **6** Sjå, det stend skrive for augo mine: Eg vil
ikkje tegja fyrr eg gjev att, ja gjev deim att i fanget,
**7** både for dykkar eigne brot, segjer Herren, og broti
åt federne dykkar, at dei offereld kveikte på bergi og
svivyrde meg på haugarne; fyrst vil eg mæla upp løni
deira og gjeva deim upp i fanget. **8** So segjer Herren:
Liksom dei segjer når det finst saft i druva: «Skamfar
ho ikkje, for det er signing i henne!» So gjer eg for
mine tenarar skuld, eg skal ikkje tyna alle saman. **9**
Men let avkjøme koma frå Jakob, frå Juda ein erving til
fjelli mine, mine utvalde skal erva landet, og der skal
mine tenarar bu. **10** Og Saron skal verta til saue-beite
og Akorsdalen til læger for fe, til gagn for mitt folk som
søkjer meg. **11** Men de som gjeng burt ifrå Herren,
de som gløymer mitt heilage fjell, de som dukar bord
for Gad og blandar drykk for Meni, **12** dykkar lagnad
skal vera sverdet, de skal alle dykk bøygja til slagting,
for de svara ei då eg ropa, og høyrde ei då eg tala,
men gjorde det vonde i mine augo, og valde det som
eg ikkje lika. **13** Difor segjer Herren, Herren so: Sjå,

tenaran' mine skal eta, men de skal svelta; sjå, tenaran'
mine skal drikka, men de skal tyrsta; sjå, tenaran' mine
skal fegnast, men de skal skjemmast; 14 sjå, tenaran'
mine skal jubla av hjartans lyst, men de skal skrika
av hjarteverk, og hugbrotne skal de hyla. 15 Dykkar
namn skal de lata etter til ein eid for mine utvalde. «So
drepe deg Herren, Herren!» Men tenaran sine skal han
gjeva eit anna namn. 16 Den som signar seg i landet,
skal signa seg med truskaps Gud, og den som sver
i landet, skal sverja ved truskaps Gud, for dei fyrre
trengslor er gløymde og løynde for augo mine. 17 For
sjå, eg skaper ein ny himmel og ei ny jord, det gamle
skal ikkje hugsast meir og ikkje renna nokon i hugen.
18 Nei, fegnast og frygdast til æveleg tid for det som eg
skaper! For Jerusalem skaper eg um til frygd og folket
til fagnad. 19 Og eg vil frygda meg yver Jerusalem
og fegnast yver mitt folk, ingen gråt skal meir høyrast
der eller klagerop. 20 Det skal ikkje lenger finnast der
eit barn som berre liver nokre dagar, eller ein gamall
mann som ikkje fyller dagetalet sitt. Nei, den som døyr
ung, skal døy hundrad år gamall, og den som ikkje når
hundrad år, skal gjelda for å vera forbanna. 21 Dei husi
dei byggjar, skal dei sjølv få bu i, og dei vinhagarne dei
plantar, skal dei sjølv eta frukti av. 22 Ikkje skal dei
byggja og ein annan bu, ikkje skal dei planta og ein
annan eta; for folket mitt skal nå same alder som treet,
og mine utvalde skal få njota det dei sjølv hev verka
med sine eigne hender. 23 Dei skal ikkje stræva til
fåfengs og ikkje få born som brått skal døy; for dei er
Herrens velsigna ætt, og sitt avkjøme hev dei hjå seg.
24 Og det skal vera so, at fyrr dei ropar, vil eg svara, og
medan dei endå talar, vil eg høyra. 25 Ulv og lamb skal
beita i saman, og løva skal eta halm som uksen, og
ormen skal hava mold til mat. Ingen skal gjera vondt
eller ugagn på heile mitt heilage fjell, segjer Herren.

**66** So segjer Herren: Himmelen er min stol, og jordi
mi fotskor. Kva hus vil de då byggja åt meg, og
kvar skulde vera min kvilestad? 2 Alt dette skapte eg
med mi hand, og soleis vart alt dette til, segjer Herren.
Den som eg vil sjå til, er den arme og hugbrotne, og
den som skjelv for mitt ord. 3 Slagta ein stut er som
drep ein mann, ofra eit lamb som å tyna ein hund, ofra
grjonoffer som ofra svineblod, brenna røykjelse som
hylla ein avgud. Som dei hev valt sine eigne vegar, og
dei likar si ufysna, 4 so vil eg og velja deira vanlukka
og føra yver deim det som dei ræddast, for di ingen
svara då eg ropa, og dei høyrde ikkje då eg tala, men
gjorde det vonde i mine augo og valde det som eg
ikkje lika. 5 Høyr då Herrens ord, de som skjelv for
hans ord! Dykkar brøder som hatar dykk, segjer, dei
som støyter dykk burt for mitt namn skuld: «Lat Herren
syna seg herleg, so me kan sjå dykkar gleda!» Men dei
skal verta til skammar. 6 Høyr gnyen frå byen! Høyr
omen frå templet! Høyr, Herren gjev sine fiendar lika
for deira verk! 7 Fyrr ho vert barnsjuk, hev ho født, fyrr
riderne kjem, hev ho fenge ein gut. 8 Kven hev høyrt
um slikt? Kven hev sovore set? Kjem eit land til verdi
på ein einaste dag? Kann eit folk verta født med ein
einaste gong? For Sion vart barnsjuk og fødde med
same sønerne sine. 9 Skuld' eg opna morsliv og ei
gjeva føding? segjer Herren. Eller gjeva føding, og so
halda fosteret att? segjer din Gud. 10 Gled dykk med
Jerusalem og jubla yver henne, alle som hev henne
kjær! Fegnast storleg med henne, alle de som ber sorg
for henne! 11 So kann de suga og mettast av hennar
hugsvalande barm, so de kann drikka og kveikjast av
hennar herlege rikdom. 12 For so segjer Herren: Sjå,
eg leider fred til henne som ei elv, og herlegdomen
hjå folki som ein fløymande bekk, og de skal få suga;
dei skal bera dykk på armen, setja dykk på fanget og
kjæla med dykk. 13 Som mori trøystar sin son, soleis
skal eg trøysta dykk, ja, i Jerusalem skal de få trøyst.
14 De skal sjå det, og hjarta dykkar skal fegnast, og
beini dykkar skal friskna som graset, og merkast skal
Herrens hand hjå hans tenarar, men hans harm er yver
hans fiendar. 15 For sjå, Herren kjem i eld, og hans
vogner er som ein storm, hans vreide skal råka med
brennande harm, hans trugsmål med logande eld. 16
For Herren held dom med eld, og med sverdet sitt yver
alt kjøt, og mange vert dei som Herren hev drepe.
17 Dei som helgar og reinsar seg for hagarne etter
ein som er midt millom deim, dei som svinekjøt et og
ufysne dyr, ja myser, dei skal tynast alle i hop, segjer
Herren. 18 Eg kjenner deira gjerningar og deira tankar.
Den tid kjem då eg samlar alle folk og tungemål, og
dei skal koma og sjå min herlegdom. 19 Eg vil gjera eit
teikn imillom deim, og nokre av deim som vert berga,
vil eg senda til heidningfolki, til Tarsis og Pul og Lud,
bogeskyttarane, til Tubal og Javan, til øylandi langt
burte, som ikkje hev høyrt gjetordet um meg og ikkje
hev set min herlegdom, og dei skal kunngjera min
herlegdom millom folki. 20 Og dei skal koma med alle
brørne dykkar frå alle folkeslagi til offergåva åt Herren,
på hesteryggen, på vogner, i berestolar, på muldyr og
på kamelar, upp til mitt heilage fjell i Jerusalem, segjer
Herren, liksom Israels-borni kjem med offergåva i reine
skåler til Herrens hus. 21 Og jamvel av deim vil eg
taka ut levitiske prestar, segjer Herren. 22 For liksom
den nye himmelen og den nye jordi som eg skaper,
skal standa for mi åsyn, segjer Herren, so skal og
dykkar ætt og dykkar namn standa. 23 Kvar månad på
nymånedagen og kvar vika på kviledagen skal alt kjøt
koma og kasta seg ned for mi åsyn, segjer Herren. 24
Og dei skal ganga ut og sjå på liki åt dei menner som

hev falle frå meg; for makken deira skal ikkje dauda,
og elden deira skal ikkje slokna, og dei skal vera ei
gruv for alt kjøt.

# Jeremias

**1** Ord av Jeremia Hilkiason, ein av prestarne i Anatot
i Benjaminslandet. **2** Til honom kom Herrens ord i
dei dagarne då Josia Amonsson var konge i Juda, i det
trettande styringsåret hans, **3** likeins i dei dagarne då
Jojakim Josiason var konge i Juda alt til slutten av det
ellevte styringsåret åt Sidkia Josiason, Juda-kongen,
alt til burtføringi av Jerusalems-buarne i den femte
månaden. **4** Herrens ord kom då til meg; han sagde: **5**
Fyrr eg skapte deg i morsliv, kjende eg deg, og fyrr
du kom ut or moderfang, helga eg deg; til profet åt
folki sette eg deg. **6** Men eg sagde: «Å, Herre, Herre!
Sjå, eg kann ikkje med å tala, for eg er so ung.» **7** Då
sagde Herren med meg: Seg ikkje: «Eg er so ung, »
men til alle som eg sender deg til, skal du ganga, og
alt det eg byd deg, skal du tala. **8** Ikkje ottast deim!
For eg er med deg til å berga deg, segjer Herren. **9**
Og Herren rette ut si hand og tok på munnen min. So
sagde Herren med meg: Sjå, eg hev lagt ordi mine i
din munn. **10** Sjå, eg hev i dag sett deg yver folki og
yver kongeriki til å ryskja upp og riva ned, til å tyna og
brjota ned, til å byggja og til å planta. **11** Og Herrens
ord kom til meg; han sagde: Kva ser du, Jeremia?
Og eg svara: «Ein stav av vake-treet ser eg.» **12** Og
Herren sagde med meg: Gløgt såg du no, for vaka vil
eg yver mitt ord til å fullføra det. **13** So kom Herrens
ord til meg andre gongen; han sagde: Kva ser du? Og
eg svara: «Ei sjodande gryta ser eg, og nordantil snur
ho seg hit.» **14** Då sagde Herren med meg: Frå nord
kjem ulukka sendande yver alle som bur i landet. **15**
For sjå, eg kallar på kvar ei ætt i riki der nord, segjer
Herren. Og dei skal koma og setja kvar sin stol attmed
inngangen til portarne i Jerusalem og mot alle murarne
um det rundt ikring og mot alle byarne i Juda. **16** Og
eg vil segja mine domar yver deim for alt deira illverk,
at dei vende seg frå meg og brende røykjelse åt andre
gudar og tilbad dei verk deira hender gjorde. **17** Men
du - gyrd dine lender og statt upp og tala til deim alt
det som eg byd deg. Ikkje ræddast for deim, so ikkje
eg skal gjera deg rædd deim! **18** Og eg, sjå eg hev i
dag gjort deg til ei fast borg og til ein jarnstolpe og til
ein koparmur mot alt landet: mot kongarne i Juda, mot
hovdingarne, mot prestarne og mot lyden i landet. **19**
Dei skal strida mot deg og ikkje vinna på deg. For eg
er med deg, segjer Herren, og skal berga deg.

**2** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: **2** Gakk
av stad og ropa ut for Jerusalems øyro: So segjer
Herren: Eg kjem deg i hug for din elskhug i din ungdom,
din kjærleik i dine festarmålsdagar, kor du fylgde meg i
øydemarki, i eit land der dei inkje sår. **3** Heilagt var
Israel for Herren, hans fyrstegrøda. Alle som vilde eta
det, laut bøta, ulukka kom på deim, segjer Herren. **4**
Høyr Herrens ord, Jakobs hus, og alle ætter i Israels
hus! **5** So segjer Herren: Kva hev federne dykkar funne
rangt hjå meg, sidan dei hadde seg undan meg og
ferdast etter fåfenglege gudar og vart fåfenglege? **6**
Og dei sagde ikkje: «Kvar er Herren som førde oss
ut or Egyptarlandet, som leidde oss i øydemarki, i
eit land med heidar og klufter, i eit land med turk og
daudeskuggar, i eit land der ingen mann hev fare, og
der inkje menneskje hev butt?» **7** Og eg let dykk koma
inn i eit grøderikt land, so de fekk eta frukti og dei gode
ting der. Men då de kom dit inn, sulka de landet mitt
og gjorde odelen min til ein styggedom. **8** Prestane
sagde ikkje: «Kvar er Herren?» Og dei som handsama
lovi, kjende meg ikkje, og hyrdingarne fall ifrå meg. Og
profetarne spådde ved Ba'al, og etter gagnlause gudar
gjekk dei. **9** Difor vil eg framleides trætta med dykk,
segjer Herren; og med barneborni dykkar vil eg trætta.
**10** For far yver til Kittim-øyarne og sjå, og send bod til
Kedar og høyr vel etter, og sjå um slikt er hendt! **11**
Hev noko folk bytt burt gudar, endå dei ikkje er gudar?
Men mitt folk hev bytt sin herlegdom burt i gagnløysa.
**12** Vert forstøkte, de himlar, yver slikt, og tak fæla og
stivna, segjer Herren. **13** For tvo illverk hev mitt folk
gjort: dei vende seg frå meg, kjelda med livande vatn,
og grov seg brunnar, leke brunnar som ikkje held vatn.
**14** Er Israel ein træl? Er han ein træleson? Kvi er han
vorten eit herfang? **15** Ungløvor bura imot honom, let
ljoma si røyst. Og dei gjorde hans land til ei audn,
hans byar vart brende, ingen bur der. **16** Jamvel Nofs-
sønerne og Tahpanhes hev gjort deg snaud i kruna. **17**
Hev du ikkje sjølv valda deg dette, med di du vende
deg frå Herren, din Gud, då han vilde leida deg på
vegen? **18** Og no, kva hev du med Egyptarvegen å
gjera for å drikka vatn or Sihor? Og kva hev du med
Assur-vegen å gjera for å drikka vatn or Elvi? **19** Din
vondskap agar deg, og dine fråfall refser deg: Kjenn
då og sjå at det er vondt og beiskt at du vende deg frå
Herren, din Gud, og at du ikkje hev otte for meg, segjer
Herren, Allhers-Herren. **20** For alt longe sidan braut du
sund ditt ok, sleit sund dine band og sagde: «Eg vil
ikkje tena.» For på kvar ein høg haug og under kvart
eit grønt tre lagde du deg ned og dreiv hor. **21** Og eg
hadde då planta deg eit godt vintre, alt igjenom av
egte sæde; kor kunde du då verta umskapt for meg til
villvin av framandt slag? **22** For um du so vilde två deg
i lut og bruka mykje såpa, so vilde di misgjerning endå
vera urein for mi åsyn, segjer Herren, Herren. **23** Kor
kann du segja: «Utsulka er eg ikkje, etter Ba'alarne
hev eg ikkje gjenge?» Sjå på vegen din i dalen! Skyna
kva du hev gjort, du lettføtte kamelfylja som løyp til og

frå. 24 Som ei vill-asna, van med øydemarki, syp ho
etter anden i si trå. Brund-giren hennar - kven kann
døyva den? Dei som leitar etter henne, tarv ikkje renna
seg trøytte; i hennar månad finn dei henne. 25 Vara
foten din so han ikkje vert berr, og strupen din so du
ikkje vert tyrst! Men du segjer: «Rådlaust! Nei, for eg
elskar framande, » og etter deim vil eg ganga. 26
Liksom tjuven må skjemmast når han vert teken, soleis
må Israels hus skjemmast, dei sjølve, kongarne deira,
hovdingarne deira og prestarne deira og profetarne
deira, 27 dei som segjer til treet: «Du er min far, » og til
steinen: «Du hev født meg; » for dei hev snutt ryggen
til meg og ikkje andlitet. Men når dei er i naud, då ropar
dei: «Ris upp og hjelp oss!» 28 Kvar er då gudarne
dine som du gjorde deg? Lat deim risa upp um dei
kann hjelpa deg når du er i naud! For gudarne dine,
Juda, er vortne likso mange som byarne dine. 29 Kvi
trætter de med meg? Alle er de falne frå meg, segjer
Herren. 30 Til fånyttes slo eg borni dykkar; age tok
dei ikkje. Som ei herjande løva gløypte dykkar sverd
profetarne dykkar. 31 Du ætt, gjev gaum etter Herrens
ord! Hev eg vore ei øydemark for Israel eller eit stum-
myrkt land? Kvi segjer då lyden min: «Me gjeng lause,
me vil aldri meir koma til deg.» 32 Gløymer ei møy sin
prydnad, ei brur sitt belte? Men lyden min hev gløymt
meg i uteljande dagar. 33 Kor vel du veit å leggja
vegen din til å leita etter elskhug! Difor vandest du og
på dine vegar til det vonde. 34 Ja, på kjolesnipparne
finst det blod av skuldlause armingar: ikkje kom du
på deim i innbrot; men av di at alt dette er funne hjå
deg. 35 Endå segjer du: «Eg er skuldlaus; visseleg hev
vreiden hans vendt seg frå meg.» Sjå, eg vil ganga
til doms med deg av di at du segjer: «Eg hev ikkje
synda.» 36 Kvi fer du so langt burt i ei onnor leid? Med
Egyptarland og skal du verta til skammar, likeins som
du vart til skammar med Assyria. 37 Derifrå med skal
du ganga ut med henderne yver ditt hovud. For Herren
hev støytt burt deim du leit, og du fær ingi lukka med
deim.

**3** Dei segjer: Når ein mann sender frå seg kona si,
og ho fer frå honom og gifter seg med ein annan
mann, kann han då atter koma tilbake til henne?
Vilde ikkje det landet verta vanhelga? Med du hev
drive hor med mange vener - og so skulde du koma
tilbake til meg! segjer Herren. 2 Lyft upp augo dine
til snaudfjellkollarne og sjå: kvar var det du ikkje vart
skjemd? Frammed vegarne sat du og stunda etter
deim likeins som ein arab i øydemark, og du vanhelga
landet med din horelivnad og vondskap. 3 So vart då
regnskurerne haldne att; og vårregn kom det ikkje.
Men di panna var som på ei horkona: det beid ikkje
skam i deg. 4 Hev du ikkje nett no kalla på meg og
sagt: «Min fader!» «Min ungdomsven er du?» 5 «Kann
han vilja gøyma på vreide æveleg og harmast for
ævelengdi?» Sjå, det tala du, men gjorde det vonde
og kunde det med. 6 Og Herren sagde med meg i
kong Josias dagar: Hev du set kva ho hev gjort, den
utrue kvinna Israel? Ho gjekk upp på kvart eit høgt
fjell og inn under kvart eit grønt tre og dreiv hor der. 7
Og eg sagde: Etter ho hev gjort alt dette, vil ho snu
attende til meg, men ho snudde ikkje. Og det såg
den utrue kvinna, hennar syster Juda. 8 Og eg såg
at endå eg hadde sendt frå meg Israel, den fråfalne,
og gjeve henne hennar skilsmålsbrev av di ho hadde
drive hor, so ottast ikkje hennar utrue syster Juda like
vel, men gjekk av stad og dreiv hor ho med. 9 Og med
sin ubljuge lauslivnad vanhelga ho landet, og ho dreiv
hor med stein og med tre. 10 Og med alt dette hev
hennar utrue syster Juda ikkje snutt um til meg av alt
sitt hjarta, men berre læst gjera det, segjer Herren.
11 Og Herren sagde med meg: Den fråfalne, Israel,
tedde seg rettferdigare enn den utrue, Juda. 12 Gakk
av stad og ropa ut desse ordi mot nord og seg: Snu
då um, du frå falne, Israel, segjer Herren. Eg vil ikkje
møta deg med harmfullt andlit, for eg er miskunnsam,
segjer Herren, og gøymer ikkje æveleg på vreide. 13
Berre kannast ved di misgjerning, at du fall ifrå Herren,
din Gud, og på ymse leider for etter framande gudar
inn under kvart eit grønt tre, men på mi røyst hev de
ikkje lydt, segjer Herren. 14 Snu um, de fråfalne born,
segjer Herren, for eg er herren dykkar. Og eg vil taka
dykk, ein or ein by og tvo av ei ætt, og lata dykk koma
til Sion. 15 Og eg vil gjeva dykk hyrdingar etter mitt
hjarta, og dei skal gjæta dykk med vit og skynsemd.
16 Og når de aukar og veks i landet i dei dagarne,
segjer Herren, då skal dei aldri meir tala um Herrens
sambandskista, ja, ikkje koma henne i hug di heller og
ikkje minnast henne og ikkje sakna henne, og dei skal
ikkje heller meir gjera seg ei slik. 17 I den tidi skal dei
kalla Jerusalem Herrens kongsstol, og alle folk skal
samlast dit til Herrens namn, til Jerusalem. Og aldri
meir skal dei ferdast etter sitt vonde, harde hjarta. 18 I
dei dagarne skal Juda-huset ganga til Israelshuset, og
dei skal koma saman frå Norderlandet til det landet
som eg gav federne dykkar til odel. 19 Eg sagde då:
«Å, kor høgt eg vilde sessa deg millom borni og gjeva
deg eit hugnadlegt land, den herlegaste odel millom
folki.» Og eg sagde: «De vil ropa til meg: «Min fader!»
og ikkje meir skilja lag med meg.» 20 Men liksom ei
kvinna er utru mot venen sin, soleis hev de vore utrue
mot meg, du Israels hus, segjer Herren. 21 Ei røyst
høyrest på dei snaudfjelli, gråt og bøner frå Israels-
borni; for dei hev gjenge på range vegar, dei hev

gløymt Herren, sin Gud. 22 Snu um, de fråfalne born,
so skal eg lækja dykk etter dykkar fråfall. Sjå her, me
kjem til deg, for du er Herren, vår Gud. 23 Sanneleg,
til fåfengs var voni til haugarne, ståket på heidarne.
Sanneleg, i Herren, vår Gud, er Israels frelsa. 24 Og
skjemdar-tinget hev ete upp det federne våre stræva
i hop alt frå vår ungdom, deira sauer og kyr, deira
søner og døtter. 25 Lat oss då liggja i vår skjemd, og
lat skammi vår breida seg yver oss! For mot Herren,
vår Gud, hev me synda, me og federne våre, alt frå
ungdom og til denne dag, og me hev ikkje lydt Herren,
vår Guds, røyst.

4 Um du vender um, Israel, segjer Herren, då skal du
få venda attende til meg, og um du hev dine styggjor
burt frå mi åsyn, skal du ikkje ljota liva i fredløysa. 2
Og um du sver: «So sant som Herren liver, » i sanning,
med rett og rettferd, då skal heidningfolk velsigna seg i
honom og rosa seg i honom. 3 For so segjer Herren
med Juda-mennerne og med Jerusalem: Brjot dykk
nybrot, og så ikkje millom klunger! 4 Umskjer dykk for
Herren, og tak burt dykkar hjartans fyrehud, de Juda-
menner og Jerusalems-buar, so at harmen min ikkje
skal fara ut som eld og brenna so ingen kann sløkkja,
for dykkar vonde verk skuld. 5 Kunngjer i Juda og send
bod til Jerusalem og seg: «Blås i lur i landet!» Ropa alt
med de vinn, og seg: «Samla dykk og lat oss ganga
inn i dei faste borger!» 6 Set upp hermerke burtåt Sion!
Fly undan, stana ikkje! For eg let ulukka koma frå nord
med stort tjon. 7 Ei løva hev rise upp or kjørri si, og ein
folke-tynar hev teke ut, er faren heimanfrå og vil gjera
landet ditt til ei audn; byarne dine vert lagde i øyde so
ingen bur der. 8 Gyrd dykk difor i sekk, barma dykk
og øya dykk! For Herrens brennande vreide hev ikkje
vendt seg frå oss. 9 Og den dagen, segjer Herren, skal
kongen og hovdingarne standa rådlause, prestarne
skal ræddast og profetarne verta vitskræmde. 10 Då
sagde eg: «Å, Herre, Herre! Ille hev du svike dette
folk og Jerusalem då du sagde: «Fred skal de hava»
- og no gjeng sverd inn til sjæli.» 11 I den tidi skal
det verta sagt med dette folk og med Jerusalem: Ein
glodheit vind frå snaudkollarne i øydemarki kjem imot
mitt folks dotter, ikkje til å kasta korn med og ikkje til å
dryfta med. 12 Ein vind, sterkare enn til slikt, vil eg lata
koma; no vil eg og segja domen mot deim. 13 Sjå, lik
skyer kjem han upp farande, og lik eit stormver er hans
vogner, fljotare enn ørnar er hans hestar: Usæle me!
Det er ute med oss. 14 Två vondskapen av ditt hjarta,
Jerusalem, so du kann verta frelst. Kor lenge skal dine
synduge tankar bu i ditt brjost? 15 For ei røyst kjem
med tiend frå Dan og med usæle-bod frå Efraimsheidi.
16 Lat folki få vita det, sjå til og lat Jerusalem få høyra
det; umlægringsmenner kjem frå eit land langt undan
og set i og ropar mot byarne i Juda. 17 Likeins som
markevaktarar sit dei og gjæter på henne rundt ikring;
for mot meg hev ho vore tråssug, segjer Herren. 18 Di
åtferd og dine gjerningar hev valda deg dette; dette
hev du for vondskapen din, at det er beiskt, at det
gjeng alt inn til ditt hjarta. 19 Å bringa mi, bringa mi! Eg
skjelv av verk, hjarteverk. Mitt hjarta bankar i meg,
eg kann ikkje tegja. For lurljom, herrop hev du høyrt,
mi sjæl. 20 Tjon på tjon vert det ropa, for alt landet
er i øyde lagt; dåtteleg er tjeldi mine øydelagde, i ein
augneblink tjelddukarne mine. 21 Kor lenge skal eg sjå
hermerke, høyra lurljom? 22 For lyden min er fåvis,
meg kjenner dei ikkje; uvituge born er dei, og dei er
utan skyn; vise er dei til å gjera vondt, men dei hev
ikkje vit på å gjera godt. 23 Eg såg jordi, og sjå, ho
var aud og øydi, og til himmelen såg eg, og ljoset
hans var kvorve. 24 Eg såg fjelli, og sjå, dei bivra, og
alle haugarne rugla. 25 Eg såg, og sjå, det fanst ikkje
eit menneskje, og alle himmelens fuglar hadde floge
burt. 26 Eg såg, og sjå, det grøderike landet var ei
øydemark, og alle byarne var nedrivne av Herren, av
hans brennande harm. 27 For so segjer Herren: Ei
audn skal heile landet verta, men reint audt vil eg ikkje
gjera det. 28 Difor skal landet syrgja og himmelen der
uppe klæda seg i svart, av di eg hev sagt det, tenkt det
so, og eg angrar det ikkje og gjer det ikkje um att. 29
For gnyen av ridarar og bogeskyttarar flyr kvar ein by;
dei gjeng inn i skogarne og stig upp på hamrarne. Alle
byar er folketome, ingen bur i deim. 30 Og du, når du
vert øydelagd, kva vil du då gjera? Endå um du klæder
deg i purpur og pryder deg med gull-prydnad og gjer
augo dine store med sminka, so er det fåfengt at du
gjer deg fager; dine elskarar vanvyrdar deg, dei stend
deg etter livet. 31 For eg høyrer rop nett som av ei
kvinna i barnsnaud, naudrop som av kvinna når ho fær
fyrste barnet, rop av dotteri Sion. Ho styn, ho retter
ut henderne sine: Eie meg! Sjæli mi sig vanmegtig i
mordar-vald.

5 Gakk kringum i gatorne i Jerusalem, og sjå etter og
få vita og leita på torgi um de finn einkvar, um det
er nokon som gjer rett, som legg vinn på ærlegdom, so
vil eg tilgjeva byen. 2 Og endå um dei segjer: «So
sant som Herren liver, » so gjer dei rang eid like vel.
3 Herre, ser ikkje augo dine etter ærlegdom? Du slo
deim, men dei anka seg ikkje, du tynte deim, men dei
let seg ikkje aga. Dei gjorde andlitet hardare enn stein,
dei vilde ikkje venda um. 4 Då sagde eg: «Dette er
berre småfolk; dei er fåvituge, for dei veit ikkje Herrens
veg, sin Guds rett. 5 No vil eg ganga til storfolket og
tala med deim, for dei veit Herrens veg, sin Guds rett.»
Men nettupp dei, alle saman, hev brote sund oket, slite
av seg bandi. 6 Difor skal løva frå skogen slå deim,

vargen frå villmarkerne tyna deim. Panteren ligg og
gjæter attmed byarne deira; kvar den som gjeng ut
or deim, vert sundriven. For mange er deira forbrot,
mangfaldige deira fråfall. 7 Kvi skulde då eg gjeva deg
til? Borni dine hev vendt seg frå meg og svore ved slikt
som ikkje er gud. Og eg metta deim, men dei dreiv hor
og flokka seg i skjøkjehuset. 8 Som velfødde hestar er
dei tidleg ute; kvar ein kneggjar dei åt grannekona si.
9 Skulde eg ikkje heimsøkja slikt, segjer Herren, eller
skulde mi sjæl ikkje harma seg på eit sovore folk? 10
Stig upp på hennar murar og øydelegg, men gjer ikkje
reint audt. Riv av hennar vinrankor, dei høyrer ikkje
Herren til. 11 For dei hev ille svike meg, både Israels
hus og Judas hus, segjer Herren. 12 Dei hev neitta
Herren og sagt: «Det er ikkje han, og nokor ulukka
skal ikkje koma yver oss, og sverd og svolt skal me
ikkje sjå. 13 Og profetarne skal verta til vind, for det
er ingen som talar i deim. Soleis skal det ganga med
deim sjølve.» 14 Difor, so segjer Herren, allhers drott:
Sidan de talar slike ord, sjå, so gjera eg mine ord i
din munn til ein eld og dette folket til ved, og han skal
øyda deim. 15 Sjå, eg let eit folk frå eit land langt
burte koma yver dykk, Israels hus, segjer Herren, eit
sterkt folk er det, eit eldegamalt folk er det, eit folk
med eit mål du ikkje kjenner, og ikkje skynar du kva
dei segjer. 16 Deira pilehus er som ei opi grav, alle
saman er dei kjempor. 17 Og dei skal eta upp din avle
og ditt brød, dei skal tyna dine søner og dine døtter,
dei skal eta upp dine sauer og dine naut, dei skal
øydeleggja dine vintre og fiketre, dine faste byar, som
du lit på, skal dei brjota ned med sverd. 18 Men jamvel
i dei dagarne, segjer Herren, vil eg ikkje heiltupp øyda
dykk ut. 19 Og når de då segjer: «Kvi hev Herren, vår
Gud, gjort alt dette imot oss?» då skal du segja med
deim: «Likeins som de sveik meg og tente framande
gudar i dykkar land, so skal de tena framande i eit
land som ikkje er dykkar land!» 20 Kunngjer dette i
Jakobs hus og lat deim få høyra det i Juda og seg: 21
Høyr dette, du fåvise og vitlause lyd, som hev augo,
men ikkje ser, som hev øyro, men ikkje høyrer. 22 Vil
de ikkje ottast meg, segjer Herren, eller skjelva for mi
åsyn? eg som sette fjøresanden til demma for havet,
til eit ævelegt stengje som det ikkje kann fløda yver,
som bårorne kjem dynjande imot, men ikkje vinn på,
og marmar imot, men ikkje kann fløda yver. 23 Men
denne lyden hev eit stridigt og tråssugt hjarta, dei hev
vike undan og er burtgjengne. 24 Og dei hev ikkje
sagt i sitt hjarta: «Lat oss ottast Herren, vår Gud, som
gjev regn, både haustregn og vårregn, i rett tid, som
tek vare på dei visse haustonne-vikorne for oss!» 25
Dykkar misgjerningar hev avlaga alt dette, og dykkar
synder hev halde det gode burte frå dykk. 26 For det
finst ugudlege i lyden min, dei legg seg på lur liksom
fuglefangarar huker, dei set ut gildra, menneskje veider
dei. 27 Nett som eit bur fullt av fuglar, so er husi deira
fulle av svik; difor er dei store og rike vortne. 28 Dei
er feite vortne so det skin av deim; dei er breiddfulle
med vondt; dei dømer ikkje i nokor sak, hjelpar ikkje
den farlause til sin rett, og i fatigmanns sak dømer dei
ikkje. 29 Skulde eg ikkje heimsøkja for slikt, segjer
Herren, eller skulde mi sjæl ikkje hemna seg på eit
sovore folk? 30 Grysjelege og gruelege ting gjeng fyre
seg i landet. 31 Profetarne spår lygn, og prestarne er
strenge herrar etter deira råd, og lyden min likar det.
Men kva vil de gjera når enden på dette kjem?

**6** Fly, de Benjamins-søner, ut or Jerusalem, og blås
i herlur i Tekoa, og reis upp eit merke yver Bet-
Hakkerem! for ei ulukka trugar nordantil med stor
øydeleggjing. 2 Den fagre og kjælne, Sions dotter,
henne tyner eg. 3 Til henne skal hyrdingar koma med
hjorderne sine; dei slær upp tjeld rundt kringum henne,
dei beiter av kvar sitt stykke. 4 Vigsla dykk til strid mot
henne! Statt upp og lat oss draga upp høgst å dag!
Usæle me! For det lid på dagen, og kveldskuggarne
lengjest. 5 Statt upp og lat oss draga upp um natti,
og lat oss leggja hennar borghaller øyde! 6 For so
segjer Herren, allhers drott: Hogg tre og kasta upp
ein voll mot Jerusalem! Det er byen som skal verta
heimsøkt; han er fullsett med vondskap all igjenom. 7
Likeins som brunnen let vatn vella fram, soleis let han
sin vondskap vella fram. Valdsverk og tjon høyrest der,
sår og slag er stødt framfor mi åsyn. 8 Lat deg segja,
Jerusalem, so mi sjæl ikkje skal venda seg frå deg, so
eg ikkje skal gjera deg til ei audn, til eit ubygt land. 9
So segjer Herren, allhers drott: Ei attpå-sanking, liksom
på eit vintre, skal dei gjera på leivningen av Israel. 10
Kven skal eg tala til og vitna for, so dei høyrer? Sjå,
øyra deira er u-umskore so dei ikkje kann gjeva gaum;
sjå, Herrens ord er vorte til spott bland deim, dei likar
det ikkje, 11 Men eg er full av Herrens harm, eg er
utmødd av å halda honom inne. 12 Og husi deira skal
koma i annan manns eige, deira jorder og konor like
eins. For eg vil retta ut mi hand mot deim som bur i
landet, segjer Herren. 13 For både små og store, alle
saman søkjer dei låk vinning; både profet og prest,
kvar ein fer med svik. 14 Og dei fer lettvint åt med
å lækja mitt folks skade, med di dei segjer: «Fred,
fred!» endå det ingen fred er. 15 Dei skal standa til
skammar; for dei hev gjort skjemdarverk. Men dei
korkje skjemmest eller veit kva det er å blygjast. Difor
skal dei falla med deim som fell, den tid eg heimsøkjer
deim, skal dei snåva, segjer Herren. 16 So sagde
Herren: Statt på vegarne og sjå etter og spør etter dei
gamle stigarne, kvar vegen til det gode er, og ferdast

so på den, so skal de finna kvild for sjælerne dykkar.
Men dei sagde: «Me vil ikkje ferdast på honom.» 17
Og eg sette vaktmenner yver dykk og sagde: «Lyd
vel etter lurljomen!» Men dei sagde: «Me vil ikkje lyda
etter.» 18 Difor høyr, de folk, og få vit på, du lyd, kva
som i deim bur. 19 Høyr det, du jord: sjå, eg fører
ulukka yver dette folk - den grøda deira løynderåder
hev bore - for dei hev ikkje gjeve gaum etter mine
ord, og loverne mine mismætte dei. 20 Kva skal eg
med røykjelse som kjem frå Sjeba, og med den beste
kalmus frå eit land langt burte? Brennofferi dykkar er
ikkje til hugnad, og slagtofferi hev eg ikkje hug på. 21
Difor, so segjer Herren: Sjå, eg legg støytesteinar for
dette folket, og feder og søner saman skal snåva på
deim, granne med granne skal verta tynt. 22 So segjer
Herren: Sjå, eit folk kjem frå Norderlandet, ei stor tjod
ris upp frå utkanten av jordi. 23 Um boge og spjot
held dei traust, illharde er dei og syner ikkje miskunn.
Røysti deira marmar som havet, og på hestar kjem dei
ridande, budde som menner til strid mot deg, du dotter
Sion. 24 Me hev fenge fretnader um deim, magtstolne
seig våre hender; me tok fæla, fekk flagor som kvinna i
føderider. 25 Gakk ikkje ut på marki og ferdast ikkje på
vegen! For fienden hev sverd; rædsla rundt ikring. 26
Du dotter, mitt folk, gyrd deg med sekk og velt deg i
oska, set i syrgjelæte som yver ein einberning, øya
deg sårt! For brått kjem tynaren yver oss. 27 Eg hev
sett deg til ransakar hjå mitt folk - til ei borg - so du
skal kjenna og ransaka deira veg. 28 Alle saman er dei
fråfalne og stridige; dei gjeng og baktalar, dei er kopar
og jarn; alle saman fer dei med tyning og tjon. 29
Smidjebelgen hev blåse, men av elden kjem berre bly;
til fåfengs var den reinsande smelting, og dei vonde
vart ikkje utskilde. 30 «Sylv som er vanda» kallar dei
deim, for Herren hev vanda deim.

**7** Det ordet som kom til Jeremia frå Herren; han
sagde: 2 Gakk og statt i porten til Herrens hus og
ropa der ut dette ordet, og seg: Høyr Herrens ord, alt
Juda, de som gjeng inn gjenom desse portarne og
vil tilbeda Herren! 3 So segjer Herren, allhers drott,
Israels Gud: Lat dykkar vegar og dykkar gjerningar
betrast, so skal eg lata dykk bu på denne staden. 4 Lit
ikkje på ljugarord, når dei segjer: «Dette er Herrens
tempel, Herrens tempel, Herrens tempel.» 5 Men um
de let dykkar vegar og gjerningar betrast, um de skifter
rett millom mann og mann, 6 ikkje er harde mot den
framande, den farlause og enkja, og ikkje renner ut
skuldlaust blod på denne staden, og ikkje ferdast etter
andre gudar til ulukka for dykk sjølve, 7 då vil eg
lata dykk bu på denne staden, i landet som eg gav
federne dykkar, frå æva og til æva. 8 Sjå, de lit på
ljugarord som det ikkje er gagn i. 9 Er det ikkje so: de
stel, myrder og driv hor og gjer rang eid og brenner
røykjelse for Ba'al og fer etter andre gudar som de ikkje
kjenner, 10 og so kjem de og stend framfor mi åsyn i
dette huset som er uppkalla etter mitt namn, og segjer:
«No er me berga» - so de sidan kann gjera all denne
styggedomen. 11 Er då dette huset som er uppkalla
etter mitt namn vorte eit røvarbol i dykkar augo? Eg
med, sjå eg ser på det soleis, segjer Herren. 12 For
gakk til bustaden min i Silo, der som eg i fyrstningi let
namnet mitt bu, og sjå kva eg hev gjort med det for
vondskapen skuld i mitt folk Israel. 13 Og no, etter di
de gjer alle desse gjerningarne, segjer Herren, og eg
tala jamt og samt, men de lydde ikkje, eg kalla på dykk,
men de svara ikkje, 14 so vil eg gjera med det huset
som er uppkalla etter mitt namn, og som de lit på, og
med den staden eg gav dykk og federne dykkar, likeins
som eg hev gjort med Silo. 15 Og eg vil støyta dykk
burt frå mi åsyn, likeins som eg støytte frå meg alle
brørne dykkar, all Efraims ætt. 16 Men du, du skal ikkje
beda for dette folket og ikkje koma med klagerop eller
bøn for deim og ikkje naudbeda meg, for eg høyrer
deg ikkje. 17 Ser du ikkje kva dei gjer i Juda-byarne og
på Jerusalems-gatorne? 18 Borni sankar i hop ved, og
federne kveikjer elden, og kvinnorne knodar deig til å
laga kakor åt himmeldronningi, og drykkoffer renner
dei ut for andre gudar, til å gjera det leidt for meg.
19 Gjer dei då meg noko leidt? segjer Herren, er det
ikkje seg sjølve, so skammi må liggja utanpå deim? 20
Difor, so segjer Herren, Herren: Sjå, min vreide og min
harm vert utrend yver denne staden, yver menneskja
og yver dyri og yver trei på marki og yver grøda på
jordi, og han skal brenna og ikkje slokna. 21 So segjer
Herren, allhers drott, Israels Gud: Legg brennofferi
dykkar attåt slagtofferi og et kjøt? 22 For den dagen eg
førde federne dykkar ut or Egyptarlandet, tala eg ikkje
med deim um eller gav deim noko bod um brennoffer
og slagtoffer. 23 Men dette baud eg deim og sagde:
«Lyd mi røyst, so skal eg vera dykkar Gud, og de skal
vera mitt folk, og gakk allstødt på den vegen som eg
byd dykk, so det kann ganga dykk vel.» 24 Men dei
lydde ikkje og lagde ikkje øyra sitt til, men ferdast etter
sine eigne råder, sitt harde vonde hjarta, og dei snudde
ryggen til meg og ikkje andlitet. 25 Alt ifrå den dagen
då federne dykkar for ut or Egyptarlandet og heilt til
denne dag hev eg dagstødt, jamt og samt, sendt alle
mine tenarar, profetarne, til dykk. 26 Men dei lydde
ikkje på meg og lagde ikkje øyra sitt til, men dei var
hardnakka og for enn verre fram enn federne deira. 27
Og du skal tala alle desse ordi til deim, men dei vil
ikkje lyda på deg, og du skal ropa åt deim, men dei vil
ikkje svara deg. 28 Seg då med deim: «Dette er folket
som ikkje lydde på Herren, sin Guds, røyst og ikkje

let seg aga; truskapen er burt kvorven og ut-øydd or
deira munn.» 29 Klypp av håret ditt og kasta det burt
og set i med eit syrgjekvæde på dei snaude haugar!
For Herren hev vanda og støytt frå seg denne ætti
som han er harm på. 30 For Juda-sønerne hev gjort
det som vondt er i mine augo, segjer Herren. Dei hev
sett sine styggeting i det huset som er uppkalla etter
mitt namn, og sulka det. 31 Og dei hev bygt Tofet-
haugar, dei som er i Hinnomssons-dalen, til å brenna
sine søner og døtter i eld på - som eg ikkje hev bode,
og som ikkje var kome meg i hugen. 32 Difor, sjå, dei
dagar skal koma, segjer Herren, då ein ikkje lenger
skal segja «Tofet» eller «Hinnomssons-dalen», men
«Dråpsdalen», og dei skal gravleggja i Tofet, av di dei
vantar rom. 33 Og liki av dette folket skal verta til mat
åt fuglarne under himmelen og dyri på jord, og ingen
skal skræma deim burt. 34 Då vil eg lata kverva burt or
byarne i Juda og frå gatorne i Jerusalem fagnadrøyst
og glederøyst, røyst av brudgom og røyst av brur, for
landet skal verta lagt i øyde.

**8** I den tidi, segjer Herren, skal dei taka beini åt
Juda-kongarne og beini åt hovdingarne og beini åt
prestarne og beini åt profetarne og beini åt Jerusalems-
buarne ut or graverne deira, 2 og breida deim ut for
soli og for månen og heile himmelheren, som dei elska
og tente, og som dei for etter, og som dei søkte, og
som dei tilbad. Dei vert ikkje samla og ikkje gravlagde;
til møk utyver marki skal dei verta. 3 Og all leivningen
som vert leivd av denne vonde ætti, på alle stader der
dei leivde, der som eg driv deim burt, skal velja dauden
heller enn livet, segjer Herren, allhers drott. 4 Og du
skal segja med deim: So segjer Herren: Dett ein og
stend ikkje upp att? eller gjeng ein burt og snur ikkje
um att? 5 Kvi hev då denne Jerusalems-lyden falle
frå med eit ævelegt fråfall? Dei held fast på sitt svik
og vil ikkje snu um att. 6 Eg gav gaum og lydde: dei
talar det som ikkje er rett, det finst ikkje den mann som
angrar sin vondskap og segjer: «Kva hev eg gjort!»
Alle saman hev dei snutt seg burt i laupet, likeins som
ein hest som renner av stad i strid. 7 Jamvel storken
under himmelen veit sine tider, og turtelduva og svala
og trana ansar på tidi når dei skal koma, men mitt folk
kjenner ikkje Herrens rett. 8 Korleis kann de segja:
«Me er Sise, og Herrens lov er hjå oss?» vanneleg,
sjå, lygn-pennen åt dei skriftlærde hev gjort henne
til lygn. 9 Dei vise vert til skammar, dei vert tekne
av ræddhug og rådløysa. Sjå, Herrens ord hev dei
vanda; kvar skulde dei då hava visdom ifrå? 10 Difor
vil eg gjeva konorne deira til andre, jorderne deira
åt landvinnarar. For både små og store, alle saman
søkjer dei låk vinning, både profet og prest, alle saman
fer dei med svik. 11 Og dei fer lettvint åt med å lækja
skaden åt dotteri, folket mitt, med di dei segjer: «Fred,
fred!» endå det ingen fred er. 12 Dei skal standa til
skammar, for dei hev gjort skjemdarverk. Dei korkje
skjemmest eller veit kva det er å blygjast. Difor skal
dei falla med deim som fell; i si heimsøkjingstid skal
dei snåva, segjer Herren. 13 Eg vil gjera av med deim,
segjer Herren. Det bid ikkje druvor på vintreet og ikkje
fikor på fiketreet, og lauvet er visna. Og eg sender
deim slike som skal koma yver deim. 14 Kvifor sit me i
ro? Samla dykk og lat oss ganga inn i dei faste byarne
og tynast der! for Herren, vår Gud, vil lata oss tynast
og gjeva oss eitervatn å drikka, av di me hev synda
imot Herren. 15 Me ventar på fred, men det kjem ikkje
noko godt, på ei tid med lækjedom, og sjå - fælske.
16 Frå Dan høyrer ein frøsing av øykjerne hans, og
for kneggjingi av dei spræke hestarne hans skjelv alt
landet. Og dei kjem og et upp landet og det som i
det er, byen og deim som i honom bur. 17 For sjå,
eg sender imot dykk ormar, basiliskar, som ikkje let
seg mana burt, og dei skal bita dykk, segjer Herren.
18 Å, kva kan hugsvala meg i sorgi! Hjarta er sjukt i
meg. 19 Sjå, naudropi frå dotteri, folket mitt, ljomar
frå eit land langt burte: «Er då ikkje Herren i Sion?
eller er ikkje kongen hennar der?» - Kvi hev dei harma
meg med gudebilæti sine, med fåfenglege framande
gudar? 20 Skurdonni er lidi, fruktonni er ende, men me
er ikkje frelste. 21 Eg er tynt for tjonet på dotteri, folket
mitt, eg gjeng i syrgjeklæde, fæla hev teke meg. 22
Finst det då ikkje balsam i Gilead, eller bid det ingen
lækjar der? Eller kvi hev ikkje dotteri, folket mitt, fenge
bendsel på?

**9** Å, um hovudet mitt var vatn og auga mitt ei
tårekjelda! Då skulde eg gråta dag og natt yver
deim som er ihelslegne for dotteri, folket mitt! 2 Å,
um eg hadde eit herbyrge i øydemarki! Då skulde eg
skiljast med folket mitt og fara burt frå deim. For alle
saman er dei horkarar, ein flokk av svikarar. 3 Og
dei spenner tunga som bogen sin til lygn, og ikkje på
ærleg vis er dei megtige vortne i landet, men frå vondt
til vondt gjeng dei fram, og meg veit dei ikkje av, segjer
Herren. 4 Vara dykk, kvar og ein for sin ven, og lit ikkje
på ein bror! for kvar ein bror er ein stor-svikar, og kvar
ein ven fer med baktale. 5 Og kvar og ein svik sin ven,
og sanning talar dei ikkje. Dei tem si tunge upp til å
tala lygn, dei møder seg ut med meinkrokar. 6 Du bur
midt i svik: i sitt svik vil dei ikkje vita av meg, segjer
Herren. 7 Difor, so segjer Herren, allhers drott: Sjå, eg
vil smelta deim og røyna deim, for kva anna skulde eg
gjera med slik ei som dotteri, folket mitt? 8 Tunga deira
er ei drepande pil, svik talar ho. Med munnen talar dei
venleg med grannen sin, men i hjarta set dei upp gildra
for honom. 9 Skulde eg ikkje heimsøkja deim for slikt?

segjer Herren; skulde mi sjæl ikkje hemna seg på slikt
eit folk? 10 Yver heidarne vil eg setja i med gråt og låt
og yver beitemarkerne i audni med eit syrgjekvæde; for
dei er avsvidne, so ingen fer der framum, og fe-rauting
er ikkje høyrande der. Både himmelens fuglar og dyri
er flydde og burtfarne. 11 Og eg vil gjera Jerusalem til
steinrøysar, til sjakal-bøle, og byarne i Juda vil eg gjera
til ei audn so ingen bur i deim. 12 Kven er so vis ein
mann at han skynar dette, og kven hev Herrens munn
tala til, so han kann kunngjera dette: Kvifor landet er
i øyde lagt, avsvide som ei øydemark der ingen fer
framum? 13 Og Herren sagde: Sidan dei vende seg frå
lovi mi, som eg gav deim, og ikkje lydde meg og ikkje
ferdast etter henne, 14 men ferdast etter sitt harde
hjarta og etter Ba'alarne som federne deira hadde
lært deim, 15 difor, so segjer Herren, allhers drott,
Israels Gud: Sjå, eg gjev dette folket malurt å eta og
eitervatn å drikka. 16 Og eg vil spreida deim ut millom
folkeslag som dei ikkje kjende, korkje dei sjølve eller
federne deira, og eg vil senda sverdet etter deim til
dess eg fær tynt deim. 17 So segjer Herren, allhers
drott: Gjev gaum, og kalla på syrgjekvendi, at dei må
koma, og send bod til dei kunnige kvinnorne, at dei
kann koma! 18 Og lat deim skunda seg og setja i eit
syrgjekvad yver oss, so tåror kann trilla utor augo våre
og augneloki våre vatsfljuga. 19 For frå Sion høyrer ein
omen av syrgjesong: «Å, kor øydelagde me er! Me er
vortne ovleg til skammar; for landet laut me fly, av di
at dei hev brote ned våre bustader.» 20 Ja, høyr, de
kvinnor, Herrens ord, og lat øyra dykkar taka imot ordet
frå hans munn, og lær døtterne dykkar syrgjesong,
og den eine lære hi syrgjekvæde! 21 For dauden stig
upp i vindaugo våre, er komen inn i hallerne våre. Han
vil rydja ut borni på gata og ungmenni frå torgi. 22
Tala: So segjer Herren: Og manne-liki skal liggja som
møk burtyver jordi og som kornband etter skjeraren,
og ingen samlar deim upp. 23 So segjer Herren: Den
vise rose seg ikkje av visdomen sin, og den sterke
rose seg ikkje av styrken sin, den rike rose seg ikkje
av rikdomen sin! 24 Men den som vil rosa seg, han
rose seg av di han er vitug og kjenner meg: at eg er
Herren, som gjer miskunn, rett og rettferd på jordi; for
i sovore hev eg hugnad, segjer Herren. 25 Sjå, dei
dagar skal koma, segjer Herren, då eg vil heimsøkja
alle umskorne som er u-umskorne: 26 Egyptarland
og Juda, Edom og Ammons-sønerne og Moab og
alle med rundklypt hår, som bur i øydemarki. For alle
heidningfolki er u-umskorne, og heile Israels hus er u-
umskore på hjarta.

**10** Høyr det ord som Herren talar til dykk, Israels
hus! 2 So segjer Herren: Ven dykk ikkje til
vegen åt heidningfolki, og ræddast ikkje himmelteikni,
endå um heidningarne ræddast deim. 3 For dei seder
folkeslagi hev, er fåfengd; for dei høgg eit tre i skogen,
og treskjeraren lagar det til med øksi, 4 med sylv og
med gull pryder han det, med naglar og hamar fester
han det, so det ikkje skal stupa. 5 Dei er som ei svarva
trelurk, og kann ikkje tala. Ein lyt bera deim, for dei
kann ikkje ganga. Ikkje ottast deim! for dei kann ikkje
skada, og å ganga hev dei heller ikkje magt til. 6 Ingen
er din like, Herre! Du er stor, og namnet ditt er stort i
velde. 7 Kven skulde ikkje ottast deg, du folkekonge!
For det sømer deg, for millom alle vise hjå folki og i
heile deira rike er ingen din like. 8 For alle saman er
uvituge og vitlause; ei fåfengleg læra! Tre er det, 9
sylvplator, førde frå Tarsis, gull frå Ufaz, eit verk av ein
treskjerar og av gullsmed-hender. Klædnaden deira er
av blått og raudt purpur, eit verk av hage kunstmenner
er dei alle. 10 Men Herren er Gud i sanning; han er ein
livande Gud og ein æveleg konge. For hans vreide
bivrar jordi, og folkeslagi herder ikkje å standa for hans
harm. 11 So skal de segja med deim: Dei gudar som
ikkje hev gjort himmel og jord, dei skal kverva burt frå
jordi og under himmelen. 12 Han hev gjort jordi med
si kraft, skapt heimen med sin visdom og spana ut
himmelen med sitt vit. 13 Når han let røysti si ljoma,
svarar dyn av vatn i himmelen, og han let skodda stiga
upp frå enden av jordi, let eldingar laga regn, og sender
vind ut or gøymslorne sine. 14 Klumsa stend kvar ein
mann og hev ikkje vit på det, skjemmast lyt kvar ein
gullsmed av sitt bilæte; for dei støypte bilæti hans er
berre lygn, det er ingi ånd i deim. 15 Dei er berre
fåfengd, eit verk til å hæda; den tid dei vert heimsøkte,
er det ute med deim. 16 Jakobs arvlut er ikkje deim lik,
for det er han som hev skapt alt, og Israel er hans
odelsætt. Herren, allhers drott, er namnet hans. 17
Sanka godset ditt utor landet, du lyd som sit umlægra!
18 For so segjer Herren: Sjå, eg vil slengja burt deim
som bur i landet denne gongen, og trengja deim so dei
skal få kjenna det. 19 Eie meg, kor sundbroten eg er!
Ulækjande er mitt sår. Men eg segjer: «Dette er då ei
liding som eg lyt bera.» 20 Tjeldet mitt er øydelagt, og
alle tjeldtogi mine er avslitne. Borni mine er frå meg
farne og er ikkje lenger til, ingen er til som heretter
kann reisa tjeldet mitt og festa upp tjelddukarne mine.
21 For hyrdingarne var uvituge og søkte ikkje Herren.
Difor for dei ikkje viseleg åt, og all hjordi deira vart
spreidd. 22 Høyr, ein ljom! sjå, det kjem, og ein stor
dyn frå Norderlandet - for å gjera Juda-byarne til ei
audn, til sjakal-bøle. 23 Eg veit, Herre, at menneskja
ikkje sjølv råder for sin veg, og at gangande mann
ikkje hev magt til å styra sine stig. 24 Refs meg, Herre,
men med måte, ikkje i din vreide, so du ikkje skal
gjera meg reint til inkjes. 25 Renn harmen din ut yver

heidningfolki som ikkje kjenner deg, og yver ætter som
ikkje påkallar namnet ditt! For dei hev ete på Jakob, ja,
ete honom upp og gjort ende på honom, og bustaden
hans hev dei lagt i øyde.

**11** Det ordet som kom til Jeremia frå Herren; han
sagde: **2** Høyr ordi i denne pakti, og tala til Juda-
mennerne og Jerusalems-buarne! **3** Og du skal segja
med deim: So segjer Herren, Israels Gud: Forbanna
vere den mann som ikkje lyder på ordi i denne pakti, **4**
som eg baud federne dykkar den dagen eg let deim
koma ut or Egyptarlandet, ut or jarnomnen, og sagde:
Høyr på mi røyst og gjer alt dette, so som eg bed
dykk, då skal de vera mitt folk, og eg vil vera dykkar
Gud, **5** so eg kann få halda den eiden som eg svor
federne dykkar: å gjeva deim eit land som fløymer
med mjølk og honning, so som det er enn i dag. Og eg
svara og sagde: «Amen, Herre!» **6** Og Herren sagde
med meg: Ropa ut alle desse ordi i Juda-byarne og på
Jerusalems-gatorne og seg: Lyd på ordi i denne pakti
og gjer etter deim! **7** For eg hev ålvorleg vara federne
dykkar, då eg let deim koma ut or Egyptarlandet, og
alt til denne dag, jamt og samt, og sagt: «Høyr på mi
røyst!» **8** Men dei lydde ikkje og lagde ikkje øyra sitt til,
men kvar og ein ferdast etter sitt vonde, harde hjarta.
So let eg då koma yver deim alt det eg hadde sagt i
denne pakti, som eg baud deim å halda, men som
dei ikkje heldt. **9** Og Herren sagde med meg: Det er
kome upp at Juda-mennerne og Jerusalems-buarne
hev vore med kvarandre i ei samansverjing. **10** Dei
hev snutt tilbake til misgjerningarne åt forfederne sine,
som ikkje vilde høyra på ordi mine, og dei fer etter
andre gudar, for å tena deim. Israels hus og Judas hus
hev brote pakti mi, som eg gjorde med federne deira.
**11** Difor, so segjer Herren: Sjå, eg let koma yver deim
ei ulukka som dei ikkje kann koma seg undan. Då skal
dei ropa på meg, men eg vil ikkje høyra på deim. **12**
So skal Juda-byarne og Jerusalems-buarne ganga og
ropa på gudarne som dei plar brenna røykjelse for;
men dei skal ikkje frelsa deim i deira trengsletid. **13** For
gudarne dine, Juda, er vortne like mange som byarne
dine, og du hev reist like mange altar for skjemdi, altar
til å brenna røykjelse på for Ba'al, som det er gator
i Jerusalem. **14** Og du, ikkje skal du beda for dette
folket og ikkje koma med klagerop eller bøn for deim.
For eg vil ikkje høyra når dei ropar til meg i si naud. **15**
Kva hev ho som eg elskar å gjera i mitt hus, ho som
med mange gjer skjemdarverk? Kann heilagt offerkjøt
fria deg? Når du gjer vondt, då fagnar du deg. **16** «Eit
sigrønt oljetre, prydt med fager frukt, » so kalla Herren
deg; medan eit veldugt glam ljomar, kveikjer han eld
på det, og greinerne brotnar av det. **17** Og Herren,
allhers drott, som planta deg, hev sagt illsegn imot
deg for illgjerningi som Israels hus og Judas hus hev
gjort til å harma meg upp, med å brenna røykjelse for
Ba'al. **18** Og Herren let meg få vita det, so no veit eg
det; då synte du meg deira framferd. **19** Men eg var
som eit spakt lamb, som vert leidt til slagting, og eg
visste ikkje at dei lagde løynderåder mot meg: «Lat oss
øydeleggja treet og frukti og rydja honom ut or landet
åt dei livande, so ein ikkje lenger kjem namnet hans i
hug!» **20** Men Herren, allhers drott, er ein rettferdig
domar, han ransakar nyro og hjarta. Eg fær sjå at du
hemner deg på deim, for eg hev lagt saki mi fram for
deg. **21** Difor, so segjer Herren um mennerne i Anatot,
dei som ligg deg etter livet og segjer: «Du skal ikkje
tala profetord i Herrens namn, annars skal du døy
for vår hand, » **22** - difor, so segjer Herren, allhers
drott: Sjå, eg vil heimsøkja deim dei unge menner
skal falla for sverd, deira søner og døtter skal døy av
svolt. **23** Og ikkje noko skal verta leivt åt deim; for eg
sender ulukka på mennerne i Anatot det året dei vert
heimsøkte.

**12** Rettferdig er du, Herre, når eg andordast med
deg, endå lyt eg tala med deg um retten. Kvi
gjeng det dei ugudlege vel? Kvi er dei sutlause alle dei
sviksame? **2** Du hev planta deim, dei hev røtt seg og;
dei veks, dei ber frukt og; nær er du i deira munn, men
langt burte frå deira nyro. **3** Men du, Herre, kjenner
meg, du ser meg og røyner mitt hjartelag mot deg;
skil deim frå likeins som sauer til slagting, og vigsla
deim til ein dråpsdag! **4** Kor lenge skal landet syrgja
og grøda på jordi alle stader torna burt? For deira
vondskap skuld som der bur, er dyr og fuglar burtrivne;
for dei segjer: «Han ser ikkje endelykti vår.» **5** Um du
vert utmødd når du løyp med gangande mann, korleis
kann du då kapprenna med hestar? I eit fredt land er
du trygg, men kva vil du gjera i tjukkskogen burtmed
Jordan? **6** For jamvel brørne dine og farshuset ditt,
jamvel dei er utrue mot deg, jamvel dei set i illskrik
attum din rygg. Tru deim ikkje, endå dei talar vænt til
deg! **7** Eg hev gjenge frå huset mitt, eg hev vanda
odelen min, eg hev gjeve den som mi sjæl elska i
henderne på hennar fiendar. **8** Odelen min er vorten
for meg som løva i skog: han hev sett i eit læte imot
meg; difor hatar eg honom. **9** Er odelen min som ein
spreklut rovfugl? Rovfugl er det då rundt ikring honom.
Gakk av stad, samla alle dyr i skogen, lat deim koma
hit og eta! **10** Hyrdingar i mengd øydelegg vinhagen
min, trakkar ned odelsjordi mi; dei gjer den hugnadlege
odelsjordi mi til ei øgjeleg audn. **11** Til ei øydemark
gjer dei henne; syrgjande og audsleg ligg ho framfyre
meg. Alt landet er i øyde lagt, for ingen legg det på
hjarta. **12** Yver alle snaud-heidar i øydemarki kjem
herjande hopar; for Herren hev eit sverd som øyder frå

eine enden av landet til hin; alt kjøt er fredlaust. 13
Dei sår kveite og haustar inn klunger; dei møder seg
ut, men reint til fånyttes. So vert då til skammar med
grøda dykkar for Herrens brennande vreide! 14 So
segjer Herren um alle dei vonde grannarne, som rører
den odelseiga som eg hev gjeve mitt folk Israel: Sjå,
eg rykkjer deim upp or landet deira, og Judas hus vil
eg rykkja upp undan deim. 15 Men etter eg hev rykt
deim upp, vil eg atter miskunna deim og lata dei koma
tilbake til kvar sin odel og kvar til kvar sitt land. 16 Um
dei då lærer seg mitt folks vegar, so dei sver ved mitt
namn: «So sant som Herren liver» - liksom dei lærde
mitt folk å sverja ved Ba'al, då skal dei verta uppatt-
bygde midt ibland mitt folk. 17 Men um dei ikkje lyder,
då vil eg rykkja upp det folket, rykkja det upp og tyna
det, segjer Herren.

**13** So sagde Herren med meg: Gakk og kjøp deg
eit linbelte, og spenn det um lenderne dine, men
lat det ikkje koma i vatn! 2 Og eg kjøpte beltet etter
Herrens ord og spente det um lenderne mine. 3 Då
kom Herrens ord til meg andre gongen; han sagde: 4
Tak beltet som du kjøpte, som er um lenderne dine,
og statt upp og gakk til Eufrat, og gøym det der i ei
bergriva! 5 Og eg gjekk og gøymde det attmed Eufrat,
so som Herren hadde bode meg. 6 So hende det
mange dager etterpå, at Herren sagde med meg: Statt
upp og gakk til Eufrat, og tak derifrå det beltet som eg
baud deg å gøyma der! 7 Og eg gjekk til Eufrat, og eg
grov og tok beltet frå den staden der som eg hadde
gøymt det. Og sjå, beltet var øydelagt, det var inkje
gagn i det meir. 8 Då kom Herrens ord til meg; han
sagde: 9 So segjer Herren: Soleis vil eg gjera ende
på det store ovmodet i Juda og Jerusalem. 10 Denne
vonde lyden, som ikkje vil høyra mine ord, som ferdast
etter sitt harde hjarta og fer etter andre gudar, og tener
deim og tilbed deim, han skal verta som dette beltet,
som det ikkje er gagn i meir. 11 For likeins som beltet
er fastgjort um mannsens lender, soleis feste eg til meg
alt Israels hus og alt Judas hus, segjer Herren, so dei
skulde vera mitt folk og vera meg til frægd, til fagnad
og pryda; men dei høyrde ikkje. 12 Og du skal segja
med deim dette ordet: So segjer Herren, Israels Gud:
Kvar ei vinkrukka er til å fylla vin på. Då skal dei segja
med deg: «Veit me ikkje det då, at kvar ei vinkrukka
er til å fylla vin på?» 13 Seg då med deim: So segjer
Herren: Sjå, eg fyller alle som bur i dette landet, og
kongarne som sit på Davids kongsstol, og prestarne
og profetarne og alle som bur i Jerusalem, so dei vert
drukne. 14 Og eg vil krasa deim, kvar mot annan, både
federne og borni, alle saman, segjer Herren. Eg vil
ikkje spara og ikkje miskunna, og ikkje tykkja synd i
deim, men tyna deim. 15 Høyr og gjev gaum! Ver ikkje
ovmodige! for Herren talar. 16 Gjev Herren, dykkar
Gud, æra, fyrr han let det myrkna, og fyrr føterne
dykkar støyter seg på dei dimme heidar! De stundar
på ljos, men han skal gjera det til daudeskugge, og
lata det verta stumende myrkt. 17 Men vil de ikkje
høyra på det, då lyt mi sjæl syrgja i løynd yver slikt eit
ovmod, og mitt auga må gråta so tårorne trillar, av di
Herrens hjord vert burtførd. 18 Seg med kongen og
til kongsmori: Set dykk lågt ned! for den prydelege
kruna er falli av dykkar hovud. 19 Byarne i Sudlandet
er stengde, og ingen opnar deim. Alt Juda er ført burt i
utlægd, ført burt til siste mannen. 20 Lat upp augo
dykkar og sjå kor dei kjem nordanfrå! Kvar er no hjordi
som du hadde fenge, dei væne sauerne dine? 21 Kva
vil du segja, når han set til hovdingar yver deg deim
som du sjølv hev vant på deg og havt til vener? Skulde
du ikkje få flagor, som ei kvinna fær føderider? 22
Og um du då segjer i ditt hjarta: «Kvi lyt eg taka imot
dette?» - for di store misgjerning er din kjolefald lyft
upp, dine hælar nækte med vald. 23 Kann ein blåmann
skifta si hud eller ein pantar sine flekkjer? Då skulde
de og kunna gjera det gode, de som hev vanst til å
gjera vondt. 24 So vil eg då spreida deim liksom halm
som fyk for vind utor øydemarki. 25 Dette er luten din,
den deilen eg hev etla åt deg, segjer Herren, av di
du hev gløymt meg og lit på lygn. 26 So vil då eg
og lyfta upp din kjolefald yver ditt andlit, so di skam
vert synberr. 27 Hordomen din og kneggjingi di, den
skamlause ulivnaden din uppå haugar på marki, all
skjemdarferdi di hev eg set. Usæle Jerusalem! Kor
lenge kjem det ikkje endå til å vara fyrr du vert rein!

**14** Herrens ord som kom til Jeremia um turketidi:
2 Syrgjande ligg Juda, portarne ormegtast;
syrgjeklædde luter dei mot jord, og naudropi stig
upp frå Jerusalem. 3 Storfolket deira sender sine
undergjevne etter vatn; dei kjem til brunnarne, men
finn inkje vatn; deira kjerald kjem tome attende. Dei
kjenner seg skjemde og vonbrotne og sveiper inn sine
hovud. 4 For jordi skuld, som er forfærd vorti av di det
ikkje vert regn i landet, kjenner bønderne seg skjemde,
sveiper inn sine hovud. 5 For jamvel hindi i marki ber
kalven, men gjeng ifrå honom, for di det ikkje finst
gras. 6 Og villasni stend på snaude haugar, dei syp
etter anden som sjakalar; augo deira kjenast upp, for
di det ikkje finst urter. 7 Um våre misgjerningar vitnar
mot oss, so gjer då miskunn for ditt namn skuld! For
mange er våre fråfall, mot deg hev me synda. 8 Du
Israels von, du frelsar i trengsletid! Kvi er du som ein
framand i landet, og som ein ferdamann som tjeldar
berre for natti? 9 Kvi er du lik ein forstøkt mann, lik
ei kjempa som ikkje vinn å hjelpa? Du er då midt
ibland oss, Herre, og me er uppkalla etter ditt namn;

slepp oss ikkje frå deg! 10 So segjer Herren um dette
folket: Soleis likar dei å reika um; dei sparer ikkje
føterne sine. So hev då Herren ikkje hugnad i deim; no
vil han minnast misgjerningarne deira og heimsøkja
synderne deira. 11 Og Herren sagde med meg: Du
skal ikkje beda um velgang for dette folket. 12 Når
dei fastar, lyder eg ikkje på deira rop, og når dei ofrar
brennoffer og grjonoffer, hev eg ikkje hugnad i deim,
men med sverd, svolt og sott vil eg tyna deim. 13 Då
sagde eg: «Å, Herre, Herre, sjå profetarne segjer med
deim: «De skal ikkje sjå sverd, og de ikkje verta ute
for svolt, men fred med tryggje vil eg gjeva dykk på
denne staden.»» 14 Då sagde Herren med meg: Lygn
spår profetarne i mitt namn; ikkje hev eg sendt deim
og ikkje bede deim og ikkje tala til deim; lygn-syner
og runing og fåfengd og sitt hjartans svik, det er det
dei spår åt dykk. 15 Difor, so segjer Herren um dei
profetarne som spår i midt namn, endå eg ikkje hev
sendt deim, og som segjer at sverd og svolt ikkje skal
koma i dette landet: For sverd og svolt skal dei enda
sine dagar, desse profetarne. 16 Og folket som dei
spår åt, skal liggja slengt på gatorne i Jerusalem, tynt
av svolten og sverdet, og ingen skal jorda deim - dei
sjølve, konorne deira og sønerne deira og døtterne
deira - og eg vil renna vondska deira ut yver deim.
17 Men du skal segja med deim dette ordet: Tårorne
trillar or augo mine natt og dag og fær ikkje stogga;
for møyi, dotteri, folket mitt, er ovleg sundbroti, hev
fenge eit stort ulækjande sår. 18 Gjeng eg ut på marki,
sjå, då ligg der dei som med sverd er slegne, og kjem
eg inn i byen, sjå, der talmast dei av svolt. Ja, både
prest og profet lyt flakka um, til eit land som dei ikkje
kjenner. 19 Hev du då reint støytt Juda frå deg, eller
styggjest di sjæl ved Sion? Kvi hev du slege oss so, at
det ikkje bid helsebot for oss? Me ventar på fred, men
det kjem ikkje noko godt, og på ei tid med helsebot, og
sjå - fælske. 20 Herre, me kjennest ved vår ugudlege
åtferd, misgjerningi åt federne våre, at me hev synda
mot deg. 21 For ditt namn skuld støyt oss ikkje frå deg,
lat ikkje din herlegdoms kongsstol verta svivyrd! Kom i
hug, brjot ikkje di pakt med oss! 22 Finst det nokon
av dei fåfenglege gudarne åt heidningfolki som kann
gjeva regn? Eller sender himmelen regnskurer av seg
sjølv? Er det ikkje du, Herre, vår Gud? Me stundar på
deg, for du hev gjort alt dette.

**15** Då sagde Herren med meg: Um so Moses og
Samuel stod fram for mi åsyn, skulde mi sjæl
ikkje venda seg til dette folket. Driv deim burt frå mi
åsyn, og lat deim fara! 2 Og når dei segjer med deg:
«Kvar skal me då fara?» so skal du segja med deim:
So segjer Herren: Til dauden den som åt dauden er
etla, og til sverdet den som åt sverdet er etla, og til
svolten den som åt svolten er etla, og til utlægd den
som åt utlægd er etla. 3 Fire slag heimsøkjingar byd
eg då ut imot deg: Sverdet til å drepa, og hundarne til
å draga deim burt, og fuglarne under himmelen og
dyri på marki til å eta deim og øyda deim. 4 Og eg vil
gjera deim til ei skræma for alle kongeriki på jord, for
det som Manasse Hizkiason, Juda-kongen, gjorde i
Jerusalem. 5 For kven vil tykkja synd i deg, Jerusalem,
og kven vil syna deg medkjensla, og kven vil gjera seg
ærend og spyrja um det stend vel til med deg? 6 Du
støytte meg ifrå deg, segjer Herren, du gjekk din veg.
Difor retter eg handi ut imot deg og tyner deg; eg er
trøytt av å ynkast. 7 Og eg kastar deim med kasteskovl
attmed landsens portar, eg gjer folket mitt barnlaust, eg
tyner det - frå sine vegar snudde dei ikkje. 8 Enkjorne
deira vert fleire enn havsens sand; yver møderne til
deira unge menner let eg ein tynar koma høgstedags
leite, let rædsla og fælske dåtteleg koma yver deim.
9 Ho som fødde sju søner, talmast burt og andast,
hennar sol gjeng ned medan det enn er dag; ho vert
skjemd og til skammar. Og det som vert att av deim,
gjev eg åt sverdet framfor deira fiendar, segjer Herren.
10 Eie meg, mor mi, at du skulde føda meg, meg som
alle folk i landet strider og trættar med! Ikkje hev eg
lånt deim og ikkje hev dei lånt meg, og endå bannar
dei meg alle i hop. 11 Herren sagde: Visseleg, eg vil
fria deg, so det gjeng deg godt. Visseleg, eg vil lata
fienden naudbeda deg når ulukka og naudi kjem på
deim. 12 Kann ein brjota sund jarn, jarn frå Norderland,
og kopar? 13 Godset ditt og skattarne dine vil eg gjeva
til ran - utan betaling, og det for alle synderne dine, og
innan alle dine landskil. 14 Og eg vil lata fiendarne
dine føra det burt, inn i eit land som du ikkje kjenner.
For ein eld er kveikt i min vreide, mot dykk skal han
loga. 15 Du veit det, Herre, kom meg i hug og vitja
meg, og hemn meg på deim som forfylgjer meg! Tak
meg ikkje burt, langmodig som du er! Hugsa at eg tek
imot svivyrda for di skuld! 16 Eg fann dine ord, og eg
åt deim, og dine ord vart til frygd for meg og til fagnad
for mitt hjarta; for eg er uppkalla etter ditt namn, Herre,
allhers Gud. 17 Eg hev ikkje sete i lag med skjemtande
menner og gama meg; gripen av di hand hev eg sete
einsleg, for du fyllte meg med harm. 18 Kvi er mi liding
æveleg, og kvi vil såret mitt batna? Det vil ikkje gro.
Du er vorten som ein svikal bekk åt meg, som vatn
ein ikkje kann lita på. 19 Difor, so segjer Herren: Um
du vender um, vil eg atter lata deg standa framfor mi
åsyn, og um du skil det dyre frå det verdlause, då skal
eg hava deg som min munn. Dei skal då venda seg til
deg, men du skal ikkje venda deg til deim. 20 Og eg vil
gjera deg til ein fast koparmur mot dette folket; og dei
skal strida imot deg, men ikkje vinna på deg, for eg er

med deg og vil frelsa og berga deg, segjer Herren. 21
Eg vil berga deg utor henderne på dei vonde og fria
deg utor nevarne på valdsmenner.

16 Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2 Du
skal ikkje taka deg kona og ikkje få deg søner og
døtter på denne staden. 3 For so segjer Herren um dei
sønerne og døtterne som vert fødde på denne staden,
og um deira møder som føder deim, og um deira feder
som fær deim i dette landet: 4 Ein pinefull daude skal
dei lida, ingen skal gråta yver deim, og ingen skal jorda
deim; til møk utyver marki skal dei verta, og av sverd
og svolt skal dei verta tynte, og liki deira skal verta til
mat åt fuglarne under himmelen og dyri på jordi. 5 For
so segjer Herren: Du skal ikkje koma i gravøl og ikkje
ganga og barma deg med deim og ikkje ynkast yver
deim. For eg hev teke freden min burt frå dette folket,
segjer Herren, min nåde og mi miskunn. 6 Og dei skal
døy, store og små, i dette landet, ingen skal jorda deim;
og dei skal ikkje barma seg yver deim og rispa seg i
holdet eller raka seg snaude i kruna for deira skuld. 7
Og dei skal ikkje brjota brød åt nokon til trøyst i sorgi
etter ein avliden og ikkje gjeva nokon trøystestaupet å
drikka yver far han eller mor hans. 8 I gjestebod skal
du ikkje heller ganga og sitja der og eta og drikka. 9
For so segjer Herren, allhers drott, Israels Gud: Sjå,
framfor dykkar augo og i dykkar dagar let eg på denne
staden kverva burt fagnadrøyst og glederøyst, røyst av
brudgom og røyst av brur. 10 Når du då kunngjer for
dette folket alle desse ordi, og dei segjer med deg:
«Kvi hev Herren varsla all denne store ulukka yver
oss, og kva er misgjerningi vår og kva er syndi vår
som me hev forsynda oss med mot Herren, vår Gud?»
11 då skal du segja med deim: «For di federne dykkar
vende seg frå meg, segjer Herren, og gjekk etter andre
gudar og tente deim og tilbad deim, men meg vende
dei seg ifrå, og lovi mi heldt dei ikkje. 12 Og de for
verre åt enn federne dykkar; for sjå, kvar einaste av
dykk ferdast etter dykkar vonde harde hjarta og høyrde
ikkje på meg. 13 Difor vil eg kasta dykk ut or dette
landet til eit land som de ikkje kjenner, korkje de eller
federne dykkar. Og der skal de tena andre gudar dag
og natt, for eg vil ikkje gjera miskunn med dykk.» 14
Difor, sjå, dei dagar skal koma, segjer Herren, då ein
ikkje lenger skal segja: «So visst som Herren liver, han
som leidde Israels-borni ut or Egyptarlandet, » 15 men:
«So sant som Herren liver, han som leidde Israels-
borni ut or Norderlandet og ut or alle dei landi som han
hadde drive deim burt til.» For eg vil leida deim attende
til landet deira, det som eg gav federne deira. 16 Sjå,
eg sender bod etter mange fiskarar, segjer Herren,
og dei skal fiska deim. Og sidan sender eg bod etter
mange veidemenner, og dei skal veida deim burt frå
kvart eit fjell på kvar ein haug og i bergskortorne. 17
For eg held auga med alle vegarne deira; dei er ikkje
løynde for mi åsyn, og misgjerningarne deira er ikkje
dulde for mine augo. 18 Og fyrst vil eg lata deim bøta
tvifelt for deira misgjerning og synd, av di dei vanhelga
landet mitt med dei daude skrottarne av styggetingi
sine og fyllte odelsjordi mi med ufyseskapen sin. 19
Herre, min styrke og mi vern og mi livd på naudar-
dagen! Til deg skal heidningfolk koma frå endarne
av jordi. Og dei skal segja: «Berre lygn fekk federne
våre fenge i arv, fåfenglege avgudar, gagnløysor alle
saman. 20 Kann mannen gjera seg gudar? - slikt er då
ikkje gudar.» 21 Difor, sjå, eg vil lata deim kjenna det,
denne gongen vil eg lata deim kjenna mi hand og mitt
velde, so dei skal få vita at namnet mitt er Herren.

17 Judas synd er skrivi med jarngriffel, med demant-
odd; ho er innrita på deira hjartans tavlor og på
deira altarhorn, 2 likeins som borni deira kjem i hug
altari deira og Astarte-bilæti deira attmed dei grøne
tre på dei høge haugarne. 3 Du fjellet mitt på vollen!
Godset ditt, alle skattarne dine vil eg gjeva til herfang,
likeins offerhaugarne dine, for synderne innan alle dine
landskil. 4 Då lyt du - og det er di eigi skuld - lata
frå deg odelen din, som eg gav deg, og eg vil lata
deg træla for fiendarne dine i eit land du ikkje kjenner.
For ein eld hev de kveikt i min vreide, æveleg skal
han loga. 5 So segjer Herren: Forbanna er den mann
som lit på menneskja og gjer kjøt til sin arm og med
sitt hjarta vik frå Herren! 6 Han skal verta som ein
einekrake i heidi og ikkje få sjå at det kjem noko godt;
men han skal bu på avsvidne stader i øydemarki, i eit
saltlende der ingen annan bur. 7 Velsigna er den mann
som lit på Herren, og hev Herren å lita på. 8 Han er
lik eit tre som er planta attmed vatn, og som tøygjer
røterne sine burt åt ein bekk, og som ikkje ræddast når
hiten kjem, men hev sigrønt lauv, og som i turkår ikkje
syrgjer og ikkje held upp med å bera frukt. 9 Svikfullt
er hjarta framfor alt anna, og låkt, kven kjenner det?
10 Eg, Herren, ransakar hjarta og røyner nyro, og gjev
so kvar og ein etter hans veg, etter frukti av hans
gjerning. 11 Lik ei rapphøna som ligg på egg ho ikkje
sjølv hev vorpe, er den som samlar rikdom som ikkje
er rettkomen; midt i sine dagar skal han lata honom frå
seg, og når han ligg på sitt siste, er han ein dåre. 12
Eit herlegdomssæte, høgreist frå gamalt, er staden åt
heilagdomen vår. 13 Herre, du Israels von! Alle som
vender seg frå deg, skal verta til skammar. Ja, dei
som hev vike frå meg, skal verta skrivne i moldi, for
dei hev vendt seg frå Herren, kjelda med det livande
vatnet. 14 Læk meg, Herre, so vert eg lækt! Frels meg,
so vert eg frelst! for du er min lovsong. 15 Sjå, dei
segjer med meg: «Kvar vart det av Herrens ord? Lat

det koma!» 16 Eg hev då ikkje drege meg undan,
men fylgt deg og vore hyrding, og nokon ubøtande
ulukke-dag ynskte eg ikkje, du veit det; det som gjekk
ut frå lipporne mine, er synbert for di åsyn. 17 Ver
ikkje til fælske for meg! Du er mi livd på ulukkedagen.
18 Lat deim verta til skammar som forfylgjer meg, og
lat ikkje meg verta til skammar! Lat deim fæla, og lat
ikkje meg fæla! Lat ein ulukke-dag koma yver deim, og
med ei tvifelt sundkrasing krase du deim! 19 So sagde
Herren med meg: Gakk og statt i Folkeporten, der
som Juda-kongarne gjeng inn og der dei gjeng ut, og i
alle portarne i Jerusalem! 20 Og du skal segja med
deim: Høyr Herrens ord, de Juda-kongar og alt Juda
og alle Jerusalems-buar som gjeng inn gjenom desse
portarne! 21 So segjer Herren: Vara dykk for dykkar
sjæler skuld, so de ikkje um kviledagen ber nokor byrd
og kjem inn med gjenom Jerusalems-portarne! 22 Og
de skal ikkje bera nokor byrd ut or husi dykkar på
kviledagen og ikkje gjera noko slag arbeid; men de
skal halda kviledagen heilag, so som eg baud federne
dykkar. 23 Men dei høyrde ikkje og lagde ikkje øyra til,
men gjorde seg hardnakka, so dei høyrde ikkje og tok
ikkje age. 24 Men um de høyrer på meg, segjer Herren,
so de ikkje um kviledagen ber nokor byrd inn gjenom
portarne i denne byen, og held kviledagen heilag,
so det ikkje gjer noko arbeid, 25 då skal kongar og
hovdingar som sit i Davids kongsstol, koma inn gjenom
portarne i denne byen på vogner og hestar, dei sjølve
og deira hovdingar, Juda-mennerne og Jerusalems-
buarne, og det skal æveleg bu folk i denne byen. 26 Og
frå Juda-byarne og frå umkverven kring Jerusalem og
frå Benjaminslandet og frå låglandet og frå heiderne og
frå Sudlandet, skal dei koma og bera fram brennoffer
og slagtoffer og grjonoffer og røykjelse, og bera fram
takkoffer i Herrens hus. 27 Men um de ikkje høyrer på
meg, so de held kviledagen heilag og ikkje kjem med
nokor byrd og ber inn gjenom Jerusalems-portarne på
kviledagen, då vil eg kveikja eld på portarne, og han
skal øyda slotti i Jerusalem og ikkje slokna.

**18** Det ordet som kom til Jeremia frå Herren; han
sagde: 2 Statt upp og gakk ned til krusmakar-
huset, og der skal eg lata deg høyra ordi mine. 3
Eg gjekk då ned til huset åt krusmakaren, og sjå,
han gjorde arbeidet sitt på svarveskiva. 4 Vart det
då ubrukande, kjeraldet som krusmakaren heldt på
å gjera, so som det kann verta med leiret i handi på
krusmakaren, so gjorde han det um att til eit anna
kjerald, soleis som krusmakeren tykte det høvelegt.
5 Då kom Herrens ord til meg; han sagde: 6 Skulde
eg ikkje kunna gjera med dykk, Israels hus, likeins
som denne krusmakaren? segjer Herren. Sjå, likeins
som leiret er i krusmakar-handi, so er de i mi hand,
Israels hus. 7 Stundom talar eg um eit folk og um
eit rike, at eg vil ryskja upp og riva ned og leggja i
øyde; 8 men um det folket som eg tala um, vender
um frå sin vondskap, då angrar eg det vonde som eg
hadde tenkt å gjera det. 9 Men stundom talar eg um
eit folk og um eit rike, at eg vil byggja og planta. 10 So
gjer dei kann henda det som vondt er i mine augo, og
høyrer ikkje på mi røyst: då angrar eg det gode som
eg hadde sagt eg vilde gjera vel imot deim med. 11
Seg no då dette til Juda-mennerne og Jerusalems-
buarne: So segjer Herren: Sjå, eg emnar på ei ulukka
åt dykk og tenkjer ut meinråder mot dykk. Vend då
um, kvar og ein frå sin vonde veg, og retta på vegarne
dykkar og verki dykkar! 12 Men dei segjer: «Fåfengt!
for me vil fylgja våre eigne tankar, og kvar og ein
vil gjera etter sitt harde vonde hjarta.» 13 Difor, so
segjer Herren: Spør millom heidningfolki um nokon
hev høyrt slikt. Ovleg grysjelege ting hev møyi Israel
gjort. 14 Bråner då Libanon-snøen brånar burt frå
Markartinden, eller minkar den vellande uppkoma burt,
den svale, rennande? 15 Men mitt folk hev gløymt
meg, dei brenner røykjelse åt fåfengdi; og dei fekk
deim til å snåva på vegarne sine, dei gamle vegarne,
so dei gjekk på stigar, på ujamne vegar, 16 so dei
gjer landet sitt til ei skræma, ei æveleg spott; alle
som fer der framum, vert forstøkte og rister hovudet.
17 Likeins som austanvinden vil eg spreida deim for
fienden. Ryggen og ikkje andlitet skal eg syna deim på
deira ulukke-dag. 18 Då sagde dei: «Kom og lat oss
leggja upp råder mot Jeremia! for det tryt ikkje på lov
for presten, eller på råd for den vise, eller på ord for
profeten. Kom, lat oss fella honom med våre tungor
og ikkje bry oss det minste um det han segjer!» 19
Gjev gaum etter meg, Herre, og høyr på kor dei trættar
med meg! 20 Skal ein løna godt med vondt? For dei
hev grave ei grav for mitt liv. Kom i hug at eg stod
for di åsyn og tala godt for deim, til å venda harmen
din burt ifrå deim! 21 Difor, gjev borni deira til svolten
og lat sverdet få handsama deim, og gjer konorne
deira barnlause og til enkjor, og lat mennerne deira
verta drepne av sotti, og ungmenni deira slegne med
sverd i striden! 22 Lat naudrop høyrast or husi deira
når du let mordflokkar brått koma yver deim! For dei
hev grave ei grav til å fanga meg i og lurt upp snaror
for føterne mine. 23 Men du, Herre, kjenner alle deira
råder imot meg til å drepa meg; gjev deim ikkje til deira
misgjerning, og lat ikkje deira synd verta utstroki for di
åsyn! Lat deim stupa for di åsyn; i di vreide-tid gjere du
upp med deim!

**19** So sagde Herren: Gakk og kjøp deg ei krukka
av krusmakaren! Tak so med deg nokre av dei

øvste av folket og nokre av dei øvste av prestarne, 2
og gakk ut til Hinnomssons-dalen, som er frammed
Krusbrot-porten, og ropa ut der dei ord som eg vil tala
til deg! 3 Du skal segja: «Høyr Herrens ord, de Juda-
kongar og Jerusalems-buar! So segjer Herren, allhers
drott, Israels Gud: Sjå, eg sender ei ulukka yver denne
staden, so det skal ringja for øyro på kvar den som
høyrer det, 4 sidan dei vende seg frå meg og mismætte
denne staden og brende røykjelse der for andre gudar,
som dei ikkje kjende, korkje dei sjølve eller federne
deira eller Juda-kongarne, og fyllte denne staden med
skuldlaust blod, 5 og bygde Ba'als-haugar til å brenna
sønerne sine i eld på, til brennoffer åt Ba'al, slikt som
eg korkje hev skipa eller tala um, og som aldri kom meg
i hugen. 6 Difor, sjå, det kjem det dagar, segjer Herren,
då denne staden ikkje lenger skal kallast «Tofet» eller
«Hinnomssons-dalen», men «Dråpsdalen». 7 Og Juda
og Jerusalem gjer eg rådlause på denne staden, og let
deim falla for sverd for deira fiendar og ved deira hand
som ligg deim etter livet; og liki deira vil eg gjeva til mat
åt fuglarne under himmelen og dyri på jordi. 8 Og eg vil
gjera denne byen til ei skræma og til ei spott; alle som
fer framum honom, skal verta forstøkte og hæda yver
alle plågorne hans. 9 Og eg vil lata deim eta kjøtet av
sønerne sine og kjøtet av døtterne sine, og dei skal eta
kjøtet av kvarandre i den naud og trengsla som deira
fiendar og dei som ligg deim etter livet, skal trengja
deim med.» 10 Og du skal krasa krukka framanfor
augo på dei menner som gjeng med deg. 11 Og du
skal segja med deim: «So segjer Herren, allhers drott:
Soleis vil eg krasa dette folket og denne byen som ein
krasar krusty som ikkje let seg bøta, og i Tofet skal dei
gravleggja med di det ikkje bid andre stader til å jorda
i. 12 Soleis vil eg fara åt med denne staden, segjer
Herren, og med deim som her bur, so eg gjer denne
byen lik Tofet. 13 Og husi i Jerusalem og husi åt Juda-
kongarne skal verta som Tofetstaden, ureine som dei
er, alle dei husi der dei uppå taki hev brent røykjelse åt
heile himmelheren og rent ut drykkoffer åt framande
gudar.» 14 Og Jeremia kom frå Tofet, dit som Herren
hadde sendt honom til å spå, og han stod i fyregarden
til Herrens hus og sagde med alt folket: 15 «So segjer
Herren, allhers drott, Israels Gud: Sjå, yver denne
byen og yver alle dei byarne som høyrer honom til, let
eg koma all den ulukka som eg hev tala imot deim; for
dei gjeng der hardnakka og høyrer ikkje mine ord.»

**20** Og Pashur Immersson, presten, som var yver-
tilsynsmann i Herrens hus, høyrde Jeremia spå
dette. 2 Då slo Pashur profeten Jeremia og sette
honom i stokken i den øvre Benjaminsporten i Herrens
hus. 3 Men dagen etter slepte Pashur Jeremia laus
or stokken. Då sagde Jeremia med honom: «Herren
kallar deg ikkje Pashur, men Magor Missabib. 4 For
so segjer Herren: Sjå, eg gjer deg til ei rædsla for
deg sjølv og for alle venerne dine, og dei skal falla for
fiendesverd midt framfor dine augo. Og alt Juda vil eg
gjeva i Babel-kongens hand, og han skal føra deim i
utlægd til Babel og slå deim med sverd. 5 Og eg vil
gjeva alt godset i denne byen og alt dei hev stræva i
hop og alle deira eignaluter og alle skattarne åt Juda-
kongarne - det vil eg gjeva i henderne på deira fiendar.
Og dei skal rana deim og taka deim og føra deim til
Babel. 6 Og du, Pashur, og alle som bur i ditt hus skal
verta fangar. Og til Babel skal du koma, og der skal du
døy, og der skal du verta gravlagd, du og alle venerne
dine, som du spådde lygn for.» 7 Du lokka meg, Herre,
og eg let meg lokka, du bruka magti på meg og vann.
Eg hev vorte til låtteløgje all dagen, alle so spottar dei
meg. 8 For so ofte som eg talar, lyt eg skrika, um vald
og tjon lyt eg ropa, for Herrens ord hev vorte meg
til hånd og spott all dagen. 9 Difor sagde eg: «Eg vil
ikkje koma honom i hug og ikkje lenger tala i hans
namn.» Men då vart det i hjarta mitt som ein logande
eld, innestengd i mine bein, og eg møddest med å tola
det, men kunde ikkje. 10 For eg høyrde mange baktala
- rædsla rundt i kring: «Klaga honom, lat oss ganga og
klaga honom!» Alle dei menner eg livde i fred med,
gjætte på um eg ikkje skulde falla: «Kann henda let
han seg lokka, so me kann vinna på honom og hemna
oss på honom.» 11 Men Herren er med meg lik ei
veldug kjempa, difor skal forfylgjarane mine snåva og
ikkje vinna. Dei vert ovleg til skammar for di dei ikkje
for visleg åt - ei æveleg, ugløymande skjemsla. 12
Og Herren, allhers drott, røyner med rettferd, han ser
nyro og hjarta. Eg skal få sjå din hemn på deim; for
eg hev lagt saki mi fram for deg. 13 Syng for Herren,
lova Herren! For han hev fria sjæli åt armingen ut or
henderne på illgjerningsmenner. 14 Forbanna vere den
dagen då eg vart fødd! Den dagen mor mi fødde meg,
vere ikkje velsigna! 15 Forbanna vere den mann som
kom med det gledebodet til far min: «Du hev fenge ein
son, » og soleis gledde honom storleg. 16 Med den
mannen verte det likeins som med dei byarne Herren
støytte i koll utan trege, og han høyre naudrop um
morgonen og hergny ved høgstdags leite, 17 for di han
ikkje drap meg alt i moderlivet, so mor mi vart mi grav,
og livet hennar æveleg fremmelegt! 18 Kvi kom eg då
ut or moderlivet til å sjå møda og sorg og enda mine
dagar i skam?

**21** Det ordet som kom til Jeremia frå Herren, då
kong Sidkia sende honom Pashur Malkiason og
presten Sefanja Ma'asejason og let segja: 2 «Spør
Herren for oss, for Nebukadressar, Babel-kongen,
strider mot oss. Kann henda Herren kunde gjera med

oss etter alle sine underverk, so han fer burt ifrå oss.»
3 Då sagde Jeremia med deim: So skal de segja med
Sidkia: 4 So segjer Herren, Israels Gud: Sjå, eg snur
attende dei stridsvåpn som er i henderne dykkar, og
som de strider med utanfor muren mot Babel-kongen
og kaldæarane, som kringset dykk, og eg vil samla
deim midt i denne byen. 5 Og eg vil sjølv strida mot
dykk med utrett hand og med sterk arm og med vreide
og med harm og med stor gram. 6 Og eg vil slå deim
som bur i denne byen, både folk og fe; i ei stor sott
skal dei døy. 7 Og sidan, segjer Herren, vil eg gjeva
Sidkia, Juda-kongen, og tenarane hans og folket og
deim som er leivde i denne byen etter sotti, sverdet og
svolten, i henderne på Nebukadressar, Babel-kongen,
og i henderne på fiendarne deira og i henderne på
deim som ligg deim etter livet. Og han skal slå deim
med sverd-egg, han skal ikkje miskunna deim og ikkje
vårkunna og ikkje tykkja synd i deim. 8 Og til dette
folket skal du segja: So segjer Herren: Sjå, eg legg
fram for dykk vegen til livet og vegen til dauden: 9 Den
som vert verande i denne byen, skal døy for sverd
og av svolt og i sott, men den som gjeng ut og gjev
seg til kaldæarane som kringset dykk, han skal liva,
og han skal njota sitt liv til eit herfang. 10 For eg hev
sett mi åsyn imot denne byen til det vonde og ikkje til
det gode, segjer Herren; i henderne på Babel-kongen
vert han gjeven, og han skal brenna honom upp i eld.
11 Og med Juda-kongens hus skal du segja: Høyr
Herrens ord, 12 du Davids hus! So segjer Herren: Set
retten kvar morgon, og berga utor valdsmanns hand
den som er utplundra, so ikkje harmen min skal fara
ut som eld, og brenna so ingen kann sløkkja! - for
illgjerningarne dykkar. 13 Sjå, eg skal finna deg, du
som bur i dalen, uppå berget på sletta, segjer Herren
- de som segjer: «Kven kann koma ned yver oss,
kven kann koma inn i bustaderne våre?» 14 Og eg vil
heimsøkja dykk etter den frukti dykkar verk hev bore,
segjer Herren, og setja eld i skogen deira, og han skal
øyda alt der rundt ikring.

**22** So sagde Herren: Gakk ned til Juda-kongens hus
og tala der dette ordet, 2 og seg: Høyr Herrens
ord, du Juda-konge som sit på Davids kongsstol, du
sjølv og tenarane dine og folket ditt, de som gjeng
inn um desse portar! 3 So segjer Herren: Gjer rett
og rettferd og berga ut or valdsmanns hand den som
er utplundra, og far ikkje fram med urett og vald mot
den framande, den farlause og enkja, og renn ikkje ut
skuldlaust blod på denne staden. 4 For um de gjer
etter dette ordet, då skal kongar som sit på Davids
kongsstol koma inn um portarne til dette huset på
vogner og hestar - han sjølv og tenarane hans og folket
hans. 5 Men um de ikkje høyrer desse ordi, då sver eg
ved meg sjølv, segjer Herren, at dette huset skal verta
i øyde lagt. 6 For so segjer Herren um Juda-kongens
hus: Eit Gilead er du for meg, ein tind på Libanon; men
i sanning, eg vil gjera deg til ei øydemark med byar
der ingen bur. 7 Og eg vil vigja tynarar mot deg, kvar
med sine våpn, og dei skal hogga dei gilde cedertrei
dine og kasta deim på elden. 8 Og mange heidningfolk
skal ganga framum denne byen, og dei skal segja
med kvarandre: «Kvi hev Herren fare soleis åt med
denne store byen?» 9 Og dei skal svara: «For di dei
vende seg frå Herren, sin Guds pakt, og tilbad andre
gudar og tente deim.» 10 Gråt ikkje yver ein avliden
og barma dykk ikkje for honom; men gråt yver den
som burt er faren! for han skal ikkje meir koma att og
sjå sitt fødeland. 11 For so segjer Herren um Sallum
Josiason, Juda-kongen, som vart konge etter Josia,
far sin, og som burt er faren frå denne staden: Han
skal ikkje meir koma hit att, 12 men på den staden
som dei førde honom fange til, der skal han døy, og
dette landet skal han ikkje meir få sjå att. 13 Usæl
han som byggjer sitt hus med urett og sine salar med
rangt, som let sin næste træla for inkje og ikkje gjev
honom løni hans, 14 som segjer: «Eg vil byggja meg
eit stort hus og rome salar, » og høgg seg ut vindaugo
på det og klæder det med cedertre og målar det med
raudmåling. 15 Er du konge for di du kann kappbyggja
i cedertre? Far din - åt ikkje han og drakk og gjorde rett
og rettferd? Då gjekk det honom vel. 16 Han hjelpte
armingen og fatigmannen til sin rett, då gjekk det vel.
Er ikkje slikt å kjenna meg? segjer Herren. 17 Men
augo dine og hjarta ditt stend ikkje etter anna enn etter
vinningi di og etter å renna ut skuldlaust blod og etter
å fara med valdsverk og trælking. 18 Difor, so segjer
Herren um Jojakim Josiason, Juda-kongen: Dei skal
ikkje barma seg for honom: «Ai, bror min! Ai, syster
mi!» Dei skal ikkje barma seg for honom: «Ai, Herre!
Ai, hans herlegdom!» 19 Liksom ein jordar eit asen,
skal han verta jorda; dei skal dragsa honom ut og
kasta honom burt langt utanfor Jerusalems-portarne.
20 Stig upp på Libanon og ropa, og lat røysti di ljoma i
Basan, og ropa frå Abarim! For alle elskarane dine er
sundkrasa. 21 Eg tala til deg medan det gjekk deg vel,
men du sagde: «Eg vil ikkje høyra.» Det var vegen
din alt frå din ungdom, at du ikkje høyrde mi røyst. 22
Alle hyrdingarne dine skal få ein storm til hyrding, og
elskarane dine skal verta fangar; ja, då skal du verta
skjemd og til skammar for all vondskapen din. 23 Du
som bur på Libanon, som hev reiret ditt i cedertrei, å,
kor du skal stynja når du fær rider, flagor som kvinna i
barnsnaud! 24 So sant som eg liver, segjer Herren,
um so du Konja Jojakimsson, Juda-konge, var ein

signetring på høgre handi mi, vilde eg riva deg der ifrå.
25 Og eg vil gjeva deg i henderne på deim som ligg
deg etter livet, og i henderne på deim som du ræddast,
i henderne på Nebukadressar, Babel-kongen, og i
henderne på kaldæarane. 26 Og eg vil slengja deg og
mor di, som fødde deg, burt i eit anna land, der som de
ikkje er fødde, og der skal de døy. 27 Men til det landet
som dei stundar å koma attende til, dit-att skal dei aldri
koma. 28 Er då denne mannen Konja eit vanvyrdt,
sundbrote fat, eller eit kjerald som ingen hev hugnad i?
Kvi er dei burtkasta, han og avkjømet hans, og slengde
burt til det landet som dei ikkje kjende? 29 Land, land,
land, høyr Herrens ord! 30 So segjer Herren: Skriv upp
denne mannen barnlaus, ein uheppen mann all sin
dag. For ingen av hans avkjøme skal få lukka til å sitja
i Davids kongsstol og heretter rikja yver Juda.

**23** Usæle dei hyrdingar som tyner og spreider
gjætsle-hjordi mi, segjer Herren. 2 Difor, so
segjer Herren, Israels Gud, um hyrdingarne som gjæter
folket mitt: De hev spreidt sauerne mine og jaga deim
burt og ikkje set etter deim. Sjå, eg heimsøkjer dykk for
den vonde åtferdi dykkar, segjer Herren. 3 Men sjølv
vil eg samla det som er att av sauerne mine or alle dei
landi som eg hev drive deim til, og venda deim attende
til si eigi beitemark, og dei skal veksa og aukast. 4
Og eg vil setja hyrdingar yver deim, og dei skal gjæta
deim. Og dei skal ikkje lenger ræddast eller taka fæla,
og ingen av deim skal verta sakna, segjer Herren.
5 Sjå, dei dagar skal koma, segjer Herren, då eg vil
lata ein rettferdig renning standa fram åt David, og
han skal vera konge og fara visleg åt og gjera rett og
rettferd i landet. 6 I hans dagar skal Juda verta frelst og
Israel bu trygt, og dette er namnet hans, det dei kallar
honom: «Herren, vår rettferd». 7 Difor, sjå, dei dagar
skal koma, segjer Herren, då dei ikkje lenger skal
segja: «So sant som Herren liver, som leidde Israels-
borni ut or Egyptarlandet, » 8 men: «So sant som
Herren liver, som leidde avkjømet åt Israels hus ut og
let deim koma frå Norderland og frå alle landi som eg
hadde drive deim til, so dei fær bu i landet sitt.» 9 Um
profetarne. Hjarta i mitt brjost er sundkrasa, alle beini
mine skjelv. Eg er lik ein drukken mann, ein mann som
vinen hev magtstole, for Herren skuld, for hans heilage
ord skuld. 10 For landet er fullt av horkarar - ja, under
forbanning syrgjer landet, og beitelandi i øydemarki er
turrbrende - og dei skundar seg til det som vondt er
og er velduge i urett. 11 For både profet og prest er
gudlause, jamvel i huset mitt hev eg funne vondskapen
deira, segjer Herren. 12 Difor skal vegen deira verta åt
deim som sleip-flekkjer i myrkret; dei skal støyta seg
so dei dett på honom. For eg vil lata ulukka koma yver
deim det året heimsøkjingi kjem, segjer Herren. 13 Hjå
profetarne i Samaria hev eg set dårskap; dei spådde
ved Ba'al og førde mitt folk Israel på villstig. 14 Men
hjå profetarne i Jerusalem hev eg set gruvelege ting;
dei driv hor og fer med lygn og styrkjer henderne på
illgjerningsmenner, so ingen av deim vender um frå sin
vondskap. Dei er alle vortne liksom Sodoma åt meg,
og hine ibuarane liksom Gomorra. 15 Difor, so segjer
Herren, allhers drott, um profetarne: Sjå, eg gjev deim
malurt å eta og eitervatn å drikka. For ifrå profetarne i
Jerusalem er gudløysa gjengi ut yver alt landet. 16 So
segjer Herren, allhers drott: Lyd ikkje på ordi åt dei
profetar som spår åt dykk; dei kjem berre med tomt
svall åt dykk; si eigi hjartesyn taler dei, ikkje noko frå
Herrens munn. 17 Jamt og samt segjer dei med deim
som svivyrder meg: «Herren hev tala: Det skal ganga
dykk vel.» Og med kvar og ein som ferdast etter sitt
harde hjarta, segjer dei: «Nokor ulukka skal det ikkje
koma yver dykk.» 18 For kven av deim hev stade i
Herrens råd, so han såg og høyrde hans ord? Kven
hev gjeve gaum etter mitt ord og høyrt det? 19 Sjå, ein
storm frå Herren - vreide bryt fram - ein kvervelstorm;
ned på hovudet åt dei ugudlege kjem han i kvervlar. 20
Herrens vreide skal ikkje halda upp fyrr enn han hev
gjort og sett i verk sitt hjartans tankar; i dagarn som
kjem skal de greinleg skyna det. 21 Eg sende ikkje
profetarne, men dei sprang av stad; eg tala ikkje til
deim, men dei spådde. 22 Og hadde dei stade i mitt
råd, då vilde dei lata mitt folk høyra mine ord, og snu
deim frå deira vonde veg og frå deira vonde verk. 23 Er
eg ein Gud berre nær ved, segjer Herren, og ikkje ein
Gud langt burte? 24 Eller kann nokon løyna seg i slike
løyne, so eg ikkje kann sjå honom? segjer Herren.
Fyller eg ikkje himmelen og jordi? segjer Herren. 25 Eg
hev høyrt kva profetarne hev sagt, dei som spår lygn
i mitt namn og segjer: «Eg drøymde, eg drøymde.»
26 Kor lenge skal dette vera so? Hev dei eitkvart på
hjarta, desse profetarne som spår lygn med di dei
spår sitt hjartans svik - 27 tenkjer dei kann henda å
få mitt folk til å gløyma mitt namn med draumarne
sine, som dei fortel kvarandre, likeins som federne
deira gløymde mitt namn for Ba'al? 28 Den profet som
hev ein draum, han kann fortelja ein draum, men den
som hev mitt ord, han skal tala mitt ord i sanning. Kva
hev halmen med kornet å gjera? segjer Herren. 29 Er
ikkje mitt ord som ein eld, segjer Herren, og som ein
hamar som krasar berg? 30 Difor, sjå, eg skal finna
profetarne, segjer Herren, dei som stel ordi mine ein
frå hin. 31 Sjå, eg skal finna profetarne, segjer Herren,
dei som tek sitt eige på tunga, men segjer: «So segjer
Herren.» 32 Sjå, eg skal finna deim som spår lygn-
draumar, segjer Herren, og fortel deim og fører mitt
folk på villstig med lygnerne sine og kytet sitt, endå

eg ikkje hev sendt deim eller gjeve deim noko påbod,
og dei ikkje er til minste gagn for dette folket, segjer
Herren. 33 Og når dette folket eller ein profet eller
prest spør deg og segjer: «Kva er Herrens byrd?» då
skal du segja med deim: «De er byrdi, og eg vil kasta
dykk av, segjer Herren». 34 Og den profet og den prest
og det folk som segjer: «Herrens byrd» - slik ein mann
og hans hus vil eg heimsøkja. 35 So skal de segja
kvar med sin granne og kvar med sin bror: «Kva hev
Herren svara?» eller: «Kva hev Herren tala?» 36 Men
«Herrens byrd» skal de ikkje nemna lenger. For åt kvar
mann skal hans eige ord verta «byrdi», for di de hev
rengt ordi frå den livande Gud, Herren, allhers drott,
vår Gud. 37 So skal du segja med profeten: «Kva hev
Herren svara deg?» eller: «Kva hev Herren tala?» 38
Men segjer de: «Herrens byrd», då segjer Herren so:
Av di de segjer dette ordet: «Herrens byrd», endå at
eg gjorde denne bodsendingi åt dykk: «De skal ikkje
segja «Herrens byrd, »» 39 difor, sjå, so vil eg reint
gløyma dykk og kasta dykk og byen som eg gav dykk
og federne dykkar, burt frå mi åsyn. 40 Og eg vil leggja
på dykk ei æveleg skjemd og ei æveleg skam, som
aldri skal gløymast.

**24** Herren let meg sjå: Tvo korger med fikor var
sette framfor Herrens tempel, då Nebukadressar,
Babel-kongen, hadde fanga Jekonja Jojakimsson, Juda-
kongen, og Juda-hovdingarne, og timbremennerne
og smedarne, og ført deim frå Jerusalem til Babel. 2
I den eine korgi var det fikor av beste slag, like dei
fyrst mogne fikorne, men i den andre korgi fikor av
låkaste slag, so låke at dei ikkje var etande. 3 Då
sagde Herren med meg: Kva ser du, Jeremia? Og
eg svara: «Fikor; dei gode fikorne er av beste slag,
men dei låke er av låkaste slag, so låke at dei ikkje er
etande.» 4 Då kom Herrens ord til meg; han sagde: 5
So segjer Herren, Israels Gud: Likeins som med desse
gode fikorne, soleis vil eg sjå på dei burtførde av Juda
som eg hev sendt frå denne staden til Kaldæarlandet,
til deira bate. 6 Eg vil retta augo mine på deim til deira
bate og lata dei venda attende til dette landet. Og
eg vil byggja deim upp og ikkje riva deim ned att, og
planta deim og ikkje rykkja deim upp att. 7 Og eg vil
gjeva deim hjarta til å kjenna meg, at eg er Herren.
Og dei skal vera mitt folk, og eg vil vera deira Gud;
for dei skal venda um til meg av alt sitt hjarta. 8 Og
likeins som med låke fikor som er so låke at dei ikkje
er etande, - ja so segjer Herren - soleis vil eg gjera
med Sidkia, Juda-kongen, og hovdingarne hans og
leivningen av Jerusalem, dei som er att i dette landet,
og dei som bur i Egyptarlandet. 9 Og eg vil gjera deim
til ei skræma og ein stygg for alle riki på jordi, til ei
hæding og eit ordtøke, til ei spott og ei våbøn på alle
dei stader som eg driv deim burt til. 10 Og eg vil senda
imot deim sverdet og svolten og sotti, til dei vert reint
utrudde or landet som eg gav deim og federne deira.

**25** Det ordet som kom til Jeremia um all Juda-lyden i
det fjorde styringsåret åt Jojakim Josiason, Juda-
kongen, det er fyrste styringsåret åt Nebukadressar,
Babel-kongen, 2 og som profeten Jeremia tala til heile
Juda-folket og til alle Jerusalems-buarne; han sagde:
3 Frå det trettande styringsåret åt Josia Amonsson,
Juda-kongen, og alt til denne dag, no i tri og tjuge år,
hev Herrens ord kome til meg, og eg hev tala til dykk
jamt og samt, men de vilde ikkje høyra. 4 Og Herren
sende til dykk alle tenararne sine, profetarne, jamt og
samt, men de vilde ikkje høyra og lagde ikkje øyra til,
so de kunde høyra. 5 Han sagde: Vend um, kvar og
ein frå sin vonde veg og frå dykkar vonde åtferd! so
skal de få bu i det landet som Herren gav dykk og
federne dykkar frå æva og til æva. 6 Og ferdast ikkje
etter andre gudar, so de tener og tilbed deim, og gjer
meg ikkje harm med slikt som henderne dykkar hev
gjort! so eg ikkje skal gjera dykk noko ilt. 7 Men de
lydde ikkje på meg, segjer Herren, men de vilde harma
meg med slikt som henderne dykkar hev gjort dykk
sjølve til tjon. 8 Difor, so segjer Herren, allhers drott: Av
di de ikkje lydde på mine ord, 9 sjå, so sender eg bod
etter alle ætterne i Nordheimen og fær deim hit, segjer
Herren, og etter Nebukadressar, tenaren min, og eg
let deim koma yver dette landet og yver deim som
bur her, og yver alle desse folki rundt ikring. Og eg
bannstøyter deim og gjer deim til ein fælske og ei spott
og til ævelege audner. 10 Og eg vil gjera det audt hjå
deim for fagnadrøyst og glederøyst, røyst av brudgom
og røyst av brur, handkvern-dur og lampeljos. 11 Og alt
dette landet skal verta til audn og øyda, og desse folki
skal tena Babel-kongen i sytti år. 12 Og når sytti år er
lidne, vil eg heimsøkja Babel-kongen og dette folket for
deira misgjerningar, segjer Herren, og Kaldæarlandet
vil eg heimsøkja og gjera det til ævelege øydemarker.
13 Og eg vil lata koma yver det landet alle ordi mine
som eg hev tala um det, alt som er skrive i denne
boki, det som Jeremia hev spått um alle folkeslagi.
14 For velduge folk og store kongar skal trælka deim
og, og eg vil gjeva deim lika for deira verk og for det
henderne deira hev gjort. 15 For so sagde Herren,
Israels Gud, med meg: Tak dette staupet med vreide-
vin or mi hand og lat alle folkeslagi som eg sender deg
til, drikka av det! 16 Og dei skal drikka og raga og rasa
for det sverdet som eg sender ibland deim. 17 Eg tok
då staupet or Herrens hand og let alle dei folki drikka
som han sende meg til: 18 Jerusalem og byarne i Juda
og kongarne og hovdingarne der, for å gjera deim til
audn og øyda, til ei spott og til ei våbøn - so som det

er den dag i dag - 19 Farao, egyptarkongen, og hans
tenarar og hovdingar og all landslyden hans 20 og alt
blandingsfolket hans og alle kongarne i Us-landet og
alle kongarne i Filistarlandet og Askalon og Gaza og
Ekron og det som er att av Asdod, 21 Edom og Moab
og Ammons-sønerne 22 og alle kongarne i Tyrus og
alle kongarne i Sidon og kongarne på havstrenderne,
burtanfor havet, 23 Dedan og Tema og Buz og alle
med rundklypt hår 24 og alle kongarne i Arabia og alle
kongarne yver blandingsfolket som bur i øydemarki, 25
og alle kongarne i Zimri og alle kongarne i Elam og alle
kongarne i Media 26 og alle kongarne i Nordheimen,
dei nærbuande og dei burtlengste, ein med hin, ja,
alle riki i verdi utyver jordflata. Og Sesak-kongen skal
drikka etter deim. 27 Og du skal segja med deim: So
segjer Herren, allhers drott, Israels Gud: Drikk til de
vert drukne og spyr, og dett so de ikkje kann standa
upp att - for sverdet som eg sender ibland dykk! 28
Men vil dei ikkje taka staupet or di hand og drikka,
då skal du segja med deim: So segjer Herren, allhers
drott: Drikka skal de. 29 For sjå, eg let ulukka fyrst
råka den byen som er uppkalla etter mitt namn - og
so skulde de sleppa å umgjelda! De skal ikkje sleppa
å umgjelda, for sverd byd eg ut imot alle som bur
på jordi, segjer Herren, allhers drott. 30 Og du skal
kunngjera for deim alle desse profetordi. Og du skal
segja med deim: Herren skal bura frå høgdi og lata si
røyst ljoma frå sin heilage bustad, ja, han skal stor-
bura yver sitt beiteland, setja i med eit rop, liksom når
dei trøder vinpersa, imot alle som bur på jordi. 31 Det
omar av ein dyn alt til enden av jordi, for Herren hev
ei trætta med folki, han gjeng til doms med alt kjøt;
han let sverdet få dei ugudlege, segjer Herren. 32 So
segjer Herren, allhers drott: Sjå, ei ulukka gjeng ut frå
folk til folk, og eit brotver kjem frå dei ytste endarne av
jordi. 33 Og dei som Herren hev slege den dagen, skal
liggja daude frå eine enden av jordi til hin; ingen skal
gråta yver deim eller samla deim i hop og jorda deim;
til møk utyver marki skal dei verta. 34 Barma dykk, de
hyrdingar, og ropa, og velt dykk i moldi, de gjævingar
i hjordi! for tidi til å slagta dykk er komi. Og eg vil
spreida dykk, og de skal detta ned liksom eit dyrverdigt
kjerald. 35 Då vert det ingi livd for hyrdingarne og
ingi undankoma for gjævingarne i hjordi. 36 Høyr
kor hyrdingarne ropar, kor gjævingarne i hjordi øyar
seg! For Herren øyder ut beitemarki deira, 37 og dei
fredfulle engjarne vert aude for Herrens brennande
vreide. 38 Fram stig han som ei ungløva ut or si kjørr;
ja, landet deira vert til ei audn for det herjande sverdet
og for hans brennande vreide.

**26** I den fyrste tidi som Jojakim Josiason, Juda-
kongen, styrde, kom dette ordet frå Herren; han
sagde: 2 So segjer Herren: Gakk i fyregarden til
Herrens hus og tala mot Juda-byarne som kjem og
tilbed i Herrens hus, tala alle dei ordi som eg hev bode
deg å tala til deim! Tak ikkje undan eit einaste ord! 3
Må henda dei kunde høyra og snu seg, kvar og ein
frå sin vonde veg; då vil eg angra det vonde som eg
tenkjer å gjera mot deim for den vonde framferdi deira.
4 Og du skal segja med deim: So segjer Herren: Um de
ikkje høyrer på meg og ferdast i den lovi som eg hev
lagt fram for dykk, 5 so høyrer ordi åt tenarane mine,
profetarne, som eg sender dykk jamt og samt, endå
de ikkje vil høyra, 6 då vil eg fara åt med dette huset
likeins som med Silo, og alle folkeslag på jord bruka
denne byen til ei våbøn. 7 Og prestarne og profetarne
og alt folket høyrde Jeremia tala desse ordi i Herrens
hus. 8 Og då Jeremia hadde tala til endes alt det som
Herren hadde bode honom å tala til heile folket, då
tok prestarne og profetarne og alt folket honom og
sagde: «No skal du døy. 9 Kvi hev du spått i Herrens
namn og sagt: «Det skal ganga med dette huset likeins
som med Silo, og denne byen skal verta øydelagd so
ingen bur her?»» Og alt folket samla seg imot Jeremia
i Herrens hus. 10 Og då Juda-hovdingarne frette dette,
gjekk dei frå kongsgarden upp til Herrens hus og sette
seg i inngangen til Herrens port, den nye. 11 Då sagde
prestarne og profetarne med hovdingarne og med alt
folket: «Denne mannen er skuldig til å døy; for han
hev spått mot denne byen, so som de hev høyrt med
dykkar eigne øyro.» 12 Då sagde Jeremia med alle
hovdingarne og med alt folket: «Herren hev sendt meg
til å spå imot dette huset og denne byen alt det som
de hev høyrt. 13 Lat då dykkar vegar og gjerningar
betrast, og høyr på Herren, dykkar Guds røyst! So vil
Herren angra det vonde som han hev tala imot dykk.
14 Men eg, sjå, eg er i dykkar hand: gjer med meg det
de tykkjer godt og rett! 15 Men det skal de vita, at um
de drep meg, so let de skuldlaust blod koma yver dykk
og yver denne byen og yver deim som her bur. For
Herren hev i sanning sendt meg til dykk å tala for øyro
dykkar alle desse ordi.» 16 Då sagde hovdingarne og
alt folket til prestarne og profetarne: «Denne mannen
er ikkje skuldig til å døy, for i Herrens, vår Guds,
namn hev han tala til oss.» 17 Og nokre av dei øvste
i landet stod upp og sagde til heile folkehopen: 18
«Mika frå Moreset spådde i dei dagarne då Hizkia var
konge i Juda, og sagde til alt folket i Juda: «So segjer
Herren, allhers drott: Sion skal verta pløgt til åker, og
Jerusalem skal verta til steinrøysar og tempelberget
til skograbbar.» 19 Tok då Hizkia, Juda-kongen, og
alt Juda og drap honom? Ottast han ikkje Herren og
blidka Herren, so han angra på det vonde han hadde
tala imot deim? Men me held på å koma oss i den

største ulukka.» 20 Det var og ein annan mann som
spådde i Herrens namn, Uria Semajason frå Kirjat-
Jearim. Og han spådde mot denne byen og dette
landet nett på same måten som Jeremia. 21 Men
då kong Jojakim og alle hans kjempor og alle hans
hovdingar høyrde ordi hans, so vilde kongen drepa
honom. Men då Uria frette det, vart han rædd og flydde
burt kom til Egyptarland. 22 Då sende kong Jojakim
nokre menner til Egyptarland, Elnatan Akborsson og
menner med honom inn i Egyptarland. 23 Og dei tok
Uria ut or Egyptarlandet og for med honom til kong
Jojakim, og han let drepa honom med sverd og kasta
liket hans millom ålmuge-graverne. 24 Men Ahikam
Safansson heldt si hand yver Jeremia, so han ikkje
vart gjeven i henderne på folket og miste livet.

**27** I den fyrste tidi som Sidkia Josiason, Juda-
kongen, styrde, kom dette ordet til Jeremia frå
Herren; han sagde: 2 So sagde Herren med meg: Gjer
deg band og ok, og hav det um halsen din! 3 Send
dei so til kongen i Edom og til kongen i Moab og til
kongen yver Ammons-sønerne og til kongen i Tyrus og
til kongen i Sidon med dei sendemennerne som kjem
til Jerusalem til Sidkia, Juda-kongen. 4 Og bed deim
segja med herrarne sine: So segjer Herren, allhers
drott, Israels Gud: So skal de segja med herrarne
dykkar: 5 Eg hev gjort jordi, menneskja og dyri på
jordi med mi store magt og min strake arm, og eg gjev
dette til den eg tykkjer er den rette. 6 Og no hev eg
gjeve alle desse landi i henderne på Nebukadnessar,
Babel-kongen, tenaren min; jamvel dyri på marki hev
eg gjeve honom, so dei kann tena honom. 7 Og alle
folki skal tena honom og sonen hans og sonesonen
hans, til dess tidi for hans land og er komi; då skal
velduge folk og store kongar gjera honom til træl. 8
Og det folket og det riket som ikkje vil tena honom,
Nebukadnessar, Babel-kongen, og som ikkje vil bøygja
halsen sin under Babel-kongens ok, det folket vil eg
heimsøkja med sverd og svolt og sott, segjer Herren,
til eg hev gjort ende på deim ved hans hand. 9 Og de
no - lyd ikkje på profetarne dykkar og spåmennerne
dykkar og på draumarne dykkar og på runekallarne
og tauvrekallarne dykkar, som segjer med dykk: «De
kjem ikkje til å tena Babel-kongen!» 10 For lygn er
det dei spår åt dykk, for at eg skal føra dykk langt
burt frå landet dykkar og driva dykk burt, so de vert
tynte. 11 Men det folket som bøygjer halsen sin under
Babel-kongens ok og tener honom, det vil eg lata vera
i fred i landet sitt, segjer Herren, so dei kann dyrka
det og bu i det. 12 Og til Sidkia, Juda-kongen, tala eg
alle desse ordi og sagde: Bøyg halsen dykkar under
Babel-kongens ok, og ten honom og folket hans! då
skal de få liva. 13 Kvi vil de døy, du og folket ditt, for
sverd, av svolt og i sott, so som Herren hev tala um
det folket som ikkje vil tena Babel-kongen? 14 Lyd
ikkje på ordi åt dei profetarne som segjer med dykk:
«De kjem ikkje til å tena Babel-kongen!» For lygn er
det dei spår åt dykk. 15 For eg hev ikkje sendt deim,
segjer Herren, men dei spår lygn i mitt namn, for at
eg skal driva dykk burt, so de vert tynte, de og dei
profetarne som spår åt dykk. 16 Og til prestarne og
heile dette folket tala eg og sagde: So segjer Herren:
Lyd ikkje på ordi åt profetarne dykkar når dei spår
åt dykk og segjer: «Sjå, kjeraldi or Herrens hus vert
no snart flutte heim att frå Babel!» for lygn er det dei
spår åt dykk. 17 Lyd ikkje på deim, men ten Babel-
kongen! So skal de få liva. Kvi skal denne byen verta
til ei audn? 18 Men um dei er profetar og hev Herrens
ord, so kann dei beda Herren, allhers drott, at ikkje dei
kjeraldi som er att i Herrens hus og i Juda-kongens
hus og i Jerusalem, vert førde til Babel. 19 For so
segjer Herren, allhers drott, um sulorne og um havet
og understelli og alle hine ting som endå er att i denne
byen, 20 som Nebukadnessar, Babel-kongen, ikkje
tok då han førde Jekonja Jojakimsson, Juda-kongen, i
utlægd frå Jerusalem til Babel i lag med alt storfolket i
Juda og Jerusalem - 21 ja, so segjer Herren, allhers
drott, Israels Gud, um dei kjeraldi som er att i Herrens
hus og i Juda-kongens hus og i Jerusalem: 22 Til
Babel skal dei verta flutte, og der skal dei vera alt til
den dagen eg ser etter deim, segjer Herren, og fører
deim upp og attende til denne staden.

**28** So hende det same året, i den fyrste tidi Sidkia
Josiason, Juda-kongen, styrde, i det fjorde året, i
den femte månaden, at Hananja Azzursson, profeten
frå Gibeon, sagde med meg i Herrens hus beint upp i
augo på prestarne og alt folket: 2 So segjer Herren,
allhers drott, Israels Gud: Eg hev brote sund Babel-
kongens ok. 3 Um tvo år vil eg føra attende til denne
staden alle dei kjeraldi som Nebukadnessar, Babel-
kongen, hev teke or Herrens hus og førd frå denne
staden til Babel. 4 Og Jekonja Jojakimsson, Juda-
kongen, og alle hine burtførde frå Juda som er komne
til Babel, let eg koma attende til denne staden, segjer
Herren; for eg bryt sund Babel-kongens ok. 5 Då
svara profeten Jeremia profeten Hananja beint uppi
augo på prestarne og alt folket som stod i Herrens
hus, 6 og profeten Jeremia sagde: «Amen! Det gjere
Herren! Herren setje i verk det som du hev spått so
han fører attende frå Babel til denne staden kjeraldi
or Herrens hus og alle dei burtførde! 7 Men høyr no
på dette ordet som eg talar i opne øyro på deg og
alt folket! 8 Dei profetarne som hev vore fyre meg
og deg frå ævordsleg tid, dei spådde mot velduge
land og store rike um ufred og ulukka og sott. 9 Den

profeten som spår um fred - når ordi åt den profeten
sannar seg, då er det skynande at Herren i sanning
hev sendt den profeten.» 10 Då tok profeten Hananja
oket av halsen på profeten Jeremia og braut det sund.
11 Og Hananja sagde beint uppi augo på alt folket:
«So segjer Herren: Soleis vil eg, fyrr tvo år er lidne,
brjota sund Nebukadnessars, Babel-kongens, ok av
halsen på alle folki.» Då gjekk profeten Jeremia sin
veg. 12 Men Herrens ord kom til Jeremia etter profeten
Hananja hadde brote sund oket av halsen på profeten
Jeremia; han sagde: 13 «Gakk og seg med Hananja:
So segjer Herren: Eit tre-ok hev du brote sund, men
att-istaden hev du laga eit jarn-ok. 14 For so segjer
Herren, allhers drott, Israels Gud: Eit jarn-ok hev eg
lagt på halsen åt alle desse folki, for at dei skal tena
Nebukadnessar, Babel-kongen, so dei lyt tena honom;
ja, jamvel dyri på marki hev eg gjeve honom.» 15 Då
sagde profeten Jeremia med profeten Hananja: «Høyr,
du Hananja! Herren hev ikkje sendt deg, men du hev
fenge dette folket til å lita på lygn. 16 Difor, so segjer
Herren so: Sjå, eg tek deg burt frå jordi; i dette året
skal du døy, for du hev preika fråfall frå Herren.» 17
Og profeten Hananja døydde same året i den sjuande
månaden.

**29** Og dette er ordi i det brevet som profeten Jeremia
sende frå Jerusalem til deim som endå livde att
av dei øvste millom dei burtførde, og til prestarne og
profetarne og alt det folket som Nebukadnessar hadde
ført burt frå Jerusalem til Babel, 2 då kong Jekonja
og kongsmori og hirdmennerne, dei høgste i Juda og
Jerusalem og timbremennerne og smedarne var farne
burt or Jerusalem. 3 Brevet sende han med El'asa
Safansson og Gemarja Hilkiason, som Sidkia, Juda-
kongen, sende til Nebukadnessar, Babel-kongen, til
Babel; det lydde so: 4 So segjer Herren, allhers drott,
Israels Gud, til alle dei burtførde som eg hev ført burt
frå Jerusalem til Babel: 5 Bygg hus og bu i deim,
planta hagar og et frukti av deim! 6 Tak dykk konor og
avla søner og døtter, og tak konor åt sønerne dykkar,
og gift burt døtterne dykkar, so dei kann få søner og
døtter, so de kann fjølgast der og ikkje minka i tal! 7
Og stræva etter det, at det må ganga den byen vel
som eg hev ført dykk burt til, og bed for honom til
Herren! For når det gjeng honom vel, so gjeng det
dykk vel. 8 For so segjer Herren, allhers drott, Israels
Gud: Lat dykk ikkje dåra av dei profetarne som er
hjå dykk og av spåmennerne dykkar, og gjev ikkje
gaum etter draumarne dykkar som de drøymer! 9 For
lygn er det som dei spår åt dykk i mitt namn, og eg
hev ikkje sendt deim, segjer Herren. 10 For so segjer
Herren: Når sytti år er lidne for Babel, vil eg vitja dykk
og gjera sannrøynt på dykk det gode ordet mitt um å
lata dykk koma tilbake til denne staden. 11 For eg veit
kva tankar eg hev med dykk, segjer Herren, tankar til
fred og ikkje til tjon, å gjeva dykk framtid og von. 12
Og de skal påkalla meg og ganga og beda til meg,
og eg vil høyra på dykk. 13 Og de skal søkja meg og
finna meg, når de spør etter meg av alt dykkar hjarta.
14 Eg vil då lata dykk finna meg, segjer Herren, og
eg vil gjera ende på utlægdi dykkar og samla dykk
frå alle dei folki og or alle dei staderne som eg hev
drive dykk burt til, segjer Herren, og lata dykk venda
tilbake til den staden som eg førde dykk burt ifrå. 15
For de segjer: «Herren hev reist upp profetar åt oss i
Babel.» 16 For so segjer Herren um kongen som sit
på Davids kongsstol og um alt folket som bur i denne
byen, brørne dykkar som ikkje vart burtførde saman
med dykk, 17 so segjer Herren, allhers drott: Sjå, eg
sender imot deim sverd og svolt og sott og gjer med
deim som ein gjer med dei utskjemde fikorne som er
so låke at dei ikkje er etande. 18 Og eg elter deim
med sverd, med svolt og med sott, og eg vil gjera deim
til ei skræma for alle riki på jord, til ei våbøn og ein
støkk, og til ei spott og ei hæding millom alle dei folki
som eg driv deim til, 19 for di at dei lydde ikkje på
mine ord, segjer Herren, då eg sende tenarane mine,
profetarne, til deim, jamt og samt, men de høyrde ikkje,
segjer Herren. 20 Men høyr no de Herrens ord, alle de
burtførde som eg hev sendt frå Jerusalem til Babel!
21 So segjer Herren, allhers drott, Israels Gud, um
Ahab Kolajason og um Sidkia Ma'asejason som spår
lygn åt dykk i mitt namn: Sjå, eg gjev deim i handi på
Nebukadressar, Babel-kongen, og han skal drepa deim
framfor dykkar augo. 22 Og etter deim skal dei laga
ei våbøn, alle dei burtførde or Juda som er i Babel,
og segja: «Herren gjere med deg likeins som med
Sidkia og Ahab, som Babel-kongen steikte i elden!»
23 For dei for med skjemdarverk i Israel og dreiv hor
med grannekonorne sine og for med lygne-rødor i mitt
namn, slikt som eg ikkje hadde sett deim til; eg veit
det då og kann vitna um det, segjer Herren. 24 Og
dette skal du segja med Semaja, nehelamiten: 25 So
segjer Herren, allhers drott, Israels Gud: Du hev sendt
brev i ditt namn til alt folket i Jerusalem og til presten
Sefanja Ma'asejason og til alle prestarne, og sagt:
26 «Herren hev sett deg til prest i staden for presten
Jojada, so det skal vera tilsynsmenner i Herrens hus
yver alle som er frå vitet gjengne og driv på og spår,
so du kann setja deim i stokk og halsjarn. 27 Kvi hev
du då ikkje refst Jeremia frå Anatot som driv og spår åt
dykk? 28 For på denne måten hev han kunna gjera
ordsending til oss i Babel og sagt: «Dette vert ei lang-
æva; bygg hus og bu i deim, planta hagar og et frukti

or deim!»» 29 Og presten Sefanja hadde lese dette
brevet upp for profeten Jeremia. 30 Då kom Herrens
ord til Jeremia; han sagde: 31 Gjer ordsending til alle
dei burtførde og seg: So segjer Herren um Semaja,
nehelamiten: Sidan Semaja hev spått åt dykk, endå eg
ikkje hev sendt honom, og fenge dykk til å lita på lygn,
32 difor, so segjer Herren: Sjå, eg heimsøkjer Semaja,
nehelamiten, og avkjømet hans; ingen av deim skal få
bu millom dette folket, og han skal ikkje få sjå det gode
som eg gjer med folket mitt, segjer Herren, for han hev
preika fråfall frå Herren.

**30** Det ordet som kom til Jeremia frå Herren; han
sagde: 2 So segjer Herren, Israels Gud: Skriv
deg upp i ei bok alle dei ordi eg hev tala til deg! 3
For sjå, dagar skal koma, segjer Herren, då eg endar
utlægdi åt folket mitt, Israel og Juda, og let deim koma
heim att til det landet som eg gav federne deira, so dei
kann taka det til eign. 4 Og dette er dei ordi som Herren
hev tala um Israel og um Juda: 5 So segjer Herren: Eit
rædslerop hev me høyrt; otte og ingen fred. 6 Spør og
sjå etter um ein karmann føder barn! Kvi ser eg då
alle mann med henderne på lenderne liksom kvinna i
barnsnaud, og kvi er alle andliti vortne nåbleike? 7
Å! Stor er den dagen, han hev ikkje sin like. Ja, ei
trengsletid er det for Jakob, men han skal verta frelst
derifrå. 8 Og det skal henda den dagen, segjer Herren,
allhers drott, at eg vil brjota oket hans av halsen din,
og bandi dine vil eg riva sund. Ja, framande skal ikkje
trælka honom lenger. 9 Men dei skal tena Herren, sin
Gud, og David, sin konge, som eg vil reisa upp åt
deim. 10 So ottast ikkje, du min tenar Jakob, segjer
Herren, og ræddast ikkje, Israel! For sjå, eg frelser deg
frå det burtlengste land og avkjømet ditt frå det landet
som dei var burtførde til. Og Jakob skal snu heim att
og vera i ro og trygd, og ingen skal skræma honom. 11
For eg er med deg, segjer Herren, til å frelsa deg. For
eg vil gjera ende på alle dei folki som eg hev spreidt
deg imillom, det er berre deg eg ikkje vil gjera ende på,
men eg vil aga deg med måte, men reint utan refsing
kann eg ikkje lata deg vera. 12 For so segjer Herren:
Ubøtande er skaden din, ulækjande såret ditt. 13 Ingen
tek saki di på seg og kreistar verken ut; det bid ikkje
helsebot, ikkje plåster for deg. 14 Alle elskarane dine
hev gløymt deg, dei spør ikkje etter deg. For eg hev
slege deg likeins som ein fiende slær, eg hev aga
deg som den miskunnlause, for di at misgjerningi di
er stor og synderne dine mange. 15 Kvi eiar du deg
yver skaden din, yver at plåga di er ulækjande? For
di at misgjerningi di er stor og synderne dine mange,
hev eg gjort deg dette. 16 Difor skal alle som et på
deg, verta upp-etne, og alle som er trengjer deg, verta
burtførde, alle saman, og dei som herjar deg, skal
verta herja, og alle som ranar frå deg, vil eg gjeva til
ran. 17 For eg vil grøda såri dine og lækja deg etter
slagi du hev fenge, segjer Herren, av di dei kallar deg
«den burtdrivne», «Sion som ingen spør etter». 18
So segjer Herren: Sjå, eg endar utlægdi for Jakobs
tjeld og miskunnar bustaderne hans, og byen skal atter
verta bygd på haugen sin, og slottet skal standa på
sin rette stad. 19 Og det skal ljoma av lovsangar og
leikstemne-ljod frå deim. Og eg vil lata deim aukast og
ikkje minka, og eg vil æra deim, og dei skal ikkje verta
mismætte. 20 Og sønerne hans skal vera som fordom,
og lyden hans skal standa grunnfest framfor mi åsyn,
og eg vil heimsøkja alle som trengjer honom. 21 Og
hans herlege skal vera utstokken frå honom sjølv, og
drotten hans skal ganga fram or hans eigen flokk. Og
eg vil lata honom nærra seg åt meg, so han fær koma
til meg; for kven kunde elles vera so hjartug, at han
kom meg nær? segjer Herren. 22 Og de skal vera mitt
folk, og eg skal vera dykkar Gud. 23 Sjå, ein storm frå
Herren - vreide bryt fram - ein rjukande storm: ned
på hovudet åt dei ugudlege kjem han i kvervlar. 24
Herrens brennande vreide skal ikkje halda upp fyrr han
hev gjort og sett i verk sitt hjartans tankar. I dagarne
som kjem, skal de skyna det.

**31** I den tidi, segjer Herren, skal eg vera Gud for alle
ættgreinerne i Israel, og dei skal vera mitt folk. 2
So segjer Herren: Det folket som slapp undan sverdet,
hev funne nåde i øydemarki; eg vil av og få honom,
Israel, til å roa seg. 3 Langt burtanfrå hev Herren
openberra seg for meg: Ja, med æveleg kjærleik hev
eg elska deg, difor hev eg late mi miskunn mot deg
halda ved. 4 Enn skal eg byggja deg, so du vert
uppatt-bygd, du møy Israel; enn skal du pryda deg
med handtrummorne og ganga ut i dansen med dei
leikande. 5 Enn skal du planta vinhagar på Samaria-
heidarne; dei som plantar, skal hausta og. 6 For det
kjem ein dag då vaktmenner skal ropa på Efraimsfjellet:
«Statt upp, og lat oss draga upp til Sion, til Herren, vår
Gud.» 7 For so segjer Herren: Fagna dykk yver Jakob
med gleda og set i med fagnadrop yver den fremste
av folki! Gjer kunnigt, prisa og seg: «Herre, frels ditt
folk, leivningen av Israel!» 8 Sjå, eg let deim koma frå
Norderlandet og samlar deim frå utkantarne av jordi.
Ibland deim er blinde og halte, fremmelege kvende og
fødande i lag; i ein stor flokk skal dei koma hit tilbake.
9 Gråtande skal dei koma og audmjukleg bedande; eg
vil fylgja dei; eg vil leida deim til vatsbekkjer på ein
jamn veg, der dei ikkje skal snåva. For eg er vorten
far åt Israel, og Efraim er min fyrstefødde son. 10
Høyr Herrens ord, de folk, gjer det kunnigt på øyarne
langt burte og seg: Han som spreidde Israel, vil samla

det og gjæta det likeins som ein hyrding hjordi si. **11**
For Herren hev fria Jakob ut og løyst honom ut or
henderne på den som var sterkare enn han. **12** Og
dei skal koma og fagna seg på Sionshøgdi, og dei
skal strøyma til dei gode ting frå Herren, til korn og til
druvesaft og til olje, til unge sauer og naut. Og sjæli
deira skal vera lik ein vatsrik hage, og dei skal ikkje
ormegtast lenger. **13** Då skal møyar fegnast i dans, og
gutar og gamlingar saman. Og eg skal venda sorgi
deira til gleda og hugga deim og gleda deim etter deira
sut. **14** Og eg skal kvika prestarne med feite retter, og
lyden min skal mettast med mine gode ting, segjer
Herren. **15** So segjer Herren: Ei røyst er høyrd i Rama,
ynk, sår gråt; Rakel græt for borni sine. Ho vil ikkje lata
seg trøysta for borni sine, for dei er ikkje lenger til. **16**
So segjer Herren: Haldt røysti di frå gråt og augo dine
frå tåror! For verket ditt skal få si løn, segjer Herren, og
dei skal snu heim att frå fiendeland. **17** Ja, det er von
um di framtid, segjer Herren, og borni skal snu heim
att innum sine landskil. **18** Eg hev greinleg høyrt kor
Efraim barmar seg: «Du hev aga meg, ja, eg er aga
som ein utamd kalv. Vend du meg um, so vil eg venda
um, for du er Herren, min Gud. **19** For sidan eg vende
meg burt, angrar eg, og sidan eg vitrast, slær eg meg
på lendi. Eg blygjest, ja, eg skjemmest, for eg lyt bera
skammi frå ungdomstidi mi.» **20** Er då Efraim meg so
kjær ein son eller slikt eit eigna-barn, sidan eg stødt
må minnast honom, endå eg ofte hev truga honom?
Difor bankar hjarta mitt for hans skuld, eg lyt miskunna
honom, segjer Herren. **21** Reis deg vardar, set deg
vegvisarar, gjev gaum etter kongsvegen, vegen du
gjekk! Snu heim att, du møy Israel, snu heim att til
desse byarne dine! **22** Kor lenge vil du reika der att
og fram, du fråfalne dotter? For Herren skaper nytt i
landet: Kvinna vernar mannen. **23** So segjer Herren,
allhers drott, Israels Gud: Enn skal dei segja dette
ordet i Judalandet og byarne der, når eg gjer ende på
utlægdi deira: «Herren signe deg, du rettferds bustad,
du heilage fjell!» **24** Og Juda med alle sine byar skal
bu der i lag; bønder og kringfarande hyrdingfolk. **25**
For eg vil kveikja den utmødde sjæl, og alle ormegta
sjæler vil eg metta. **26** Ved dette vakna eg og såg meg
um, og svevnen min hadde vore blid. **27** Sjå, dei dagar
skal koma, segjer Herren, då eg vil så Israelslandet og
Judalandet med sæde av menneskje og sæde av dyr.
**28** Og likeins som eg vakte yver deim til å ryskja upp og
riva ned og brjota ned og øyda og plåga deim, soleis
vil eg og vaka yver deim til å byggja og planta, segjer
Herren. **29** I dei dagarne skal dei ikkje lenger segja:
«Federne åt sure druvor, og borni vart sårtente.» **30**
Men kvar og ein skal døy for si eigi misgjerd; kvar
den mann som et sure druvor, skal sjølv verta sårtent.
**31** Sjå, det skal koma dagar, segjer Herren, då eg vil
gjera ei ny pakt med Israels hus og med Judas hus,
**32** ikkje slik ei pakt som den eg gjorde med federne
deira den dagen eg tok deim i handi og leidde deim ut
or Egyptarlandet, den pakti med meg som dei braut,
endå eg var deira rette herre, segjer Herren. **33** Men
dette er den pakti som eg vil gjera med Israels hus
etter dei dagarne, segjer Herren: Eg vil leggja lovi mi
inni deim, og skriva henne i hjarta deira, og eg skal
vera deira Gud, og dei skal vera mitt folk. **34** Då skal
dei ikkje lenger læra kvar sin granne og kvar sin bror,
og segja: «Kjenn Herren!» For dei skal alle kjenna
meg, både små og store, segjer Herren; for eg skal
forlata deira misgjerning og ikkje lenger minnast deira
synd. **35** So segjer Herren som sette soli til å lysa um
dagen, månen og stjernorne til å lysa um natti, etter ei
fast lov, han som reiser upp havet so bårorne bruser
- Herren, allhers drott, er namnet hans: **36** Dersom
desse loverne vik for mi åsyn, segjer Herren, då skal
og Israels ætt halda upp med å vera eit folk framfor
mi åsyn alle dagar. **37** So segjer Herren: Dersom
himlarne let seg mæla der uppe og grunnvollarne åt
jordi let seg ransaka der nede, då skal eg og støyta
frå meg all Israels ætt for alt det dei hev gjort, segjer
Herren. **38** Sjå, det skal koma dagar, segjer Herren, då
byen skal verta bygd åt Herren frå Hananeltårnet alt
til Hyrneporten, **39** og mælesnori skal ganga derifrå
beint på yver Garebhaugen, og so bøygja til Goa. **40**
Og heile Daudskrott- og Oskedalen og alle markerne
burtåt Kidronsbekken alt aust til Hesteport-hyrna, skal
vera helga åt Herren. Nokor øyding eller nedrivning
skal det ikkje meir vera der i all æva.

**32** Det ordet som kom til Jeremia frå Herren i det
tiande styringsåret åt Sidkia, Juda-kongen, det
er det attande året Nebukadressar var konge. **2** Det
var ved det leitet at Babel-kongens her kringsette
Jerusalem, og profeten Jeremia var innestengd i
vaktgarden som høyrde til Juda-kongens hus. **3** Der
hadde Sidkia, Juda-kongen, stengt honom inne med so
falne ord: «Kvi spår du og segjer: «So segjer Herren:
Sjå, eg gjev denne byen i henderne på Babel-kongen,
og han skal taka honom, **4** og Sidkia, Juda-kongen,
skal ikkje sleppa or henderne på kaldæarane, men
han skal til vissa verta gjeven i henderne på Babel-
kongen, og tala med honom, munn mot munn, og sjå
honom, auga mot auga, **5** og til Babel skal han føra
Sidkia, og der skal han vera til eg vitjar honom, segjer
Herren; når de strider mot kaldæarane, skal lukka ikkje
fylgja dykk.»» **6** Og Jeremia sagde: «Herrens ord kom
til meg; han sagde: **7** Sjå, Hanamel, son åt Sallum,
farbror din, kjem til deg og segjer: «Kjøp deg jordi mi i
Anatot! For du hev odelsretten til å løysa henne.»» **8**

Og Hanamel, son åt farbror min, kom etter Herrens
ord til meg i vaktgarden og sagde med meg: «Kjøp
jordi mi som er i Anatot i Benjaminslandet! For du
hev odelsretten, og du hev skyldnaden til å løysa.
Kjøp då!» Då skyna eg at det var ord frå Herren. 9
Og eg kjøpte jordi av Hanamel, son åt farbror min, i
Anatot, og vog sylvet åt honom, syttan sylvdalar. 10 So
skreiv eg det i eit kjøpebrev og sette innsigle på og
tok vitne og vog sylvet på ei skålvegt. 11 Sidan tok
eg kjøpebrevet, det innsigla, med avtalen og skilordi,
og det opne, 12 og eg gav kjøpebrevet til Baruk, son
åt Neria Mahsejason, for augo på Hanamel, frenden
min, og for augo på vitni som hadde skrive under på
kjøpebrevet, og alle dei jødarne som sat i vaktgarden.
13 Og eg bad Baruk for augo på deim og sagde: 14
«So segjer Herren, allhers drott, Israels Gud: Tak
desse brevi, både kjøpebrevet med innsigle og det
opne brevet, og legg deim i ei leirkrukka, so dei kann
standa seg i lang tid! 15 For so segjer Herren, allhers
drott, Israels Gud: Enn skal det verta kjøpt hus og
jorder og vinhagar i dette landet.» 16 Då eg so hadde
gjeve Baruk Neriason kjøpebrevet, bad eg til Herren og
sagde: 17 Å Herre, Herre! Sjå, du hev gjort himmelen
og jordi med di store magt og med din strake arm;
ingen ting er for vand for deg, 18 du som gjer miskunn
mot tusund på tusund, og for misgjerdi åt federne gjev
du borni deira etter deim att uppi fanget, du store,
velduge Gud - Herren, allhers drott, er namnet ditt
- 19 stor i råd og megtig i verk, du som hev augo
dine opne yver alle vegarne åt mannsborni, so du
kann gjeva kvar mann etter hans veg og etter den
grøda hans verk hev bore, 20 du som gjorde teikn og
under i Egyptarlandet alt til denne dag, både i Israel
og med andre menneskje, og gjorde deg namnfræg,
so som du er enno i dag. 21 Og du førde ditt folk ut
or Egyptarlandet med teikn og med under og med
sterk hand og strak arm og med stor fælska. 22 Og du
gav deim dette landet som du hadde svore federne
deira å gjeva deim, eit land som fløymer med mjølk og
honning. 23 Og dei kom og tok det til eiga, men dei
høyrde ikkje på di røyst og ferdast ikkje etter loverne
dine. Dei gjorde ikkje noko av det du hadde bode deim
å gjera. Då let du all denne ulukka koma på deim. 24
Sjå, umlægringsvollarne er alt komne innåt byen, so
dei kann taka honom, og ved sverd og svolt og sott er
byen gjeven i henderne på kaldæarane, som strider
imot honom. So no er det kome det du truga med, og
sjå, du ser det. 25 Og like vel hev du, Herre, Herre,
sagt med meg: «Kjøp deg jordi for sylv og tak vitne på
det!» - endå byen er gjeven i henderne på kaldæarane.
26 Då kom Herrens ord til Jeremia; han sagde: 27
Sjå, eg er Herren, all kjøts Gud: skulde nokon ting
vera for vand for meg? 28 Difor, so segjer Herren: Sjå,
eg gjev denne byen i henderne på kaldæarane og i
henderne på Nebukadressar, Babel-kongen, og han
skal taka honom. 29 Og kaldæarane, som strider mot
denne byen, skal koma og setja eld på denne byen
og brenna honom med dei husi der dei uppå taki hev
brent røykjelse åt Ba'al og rent ut drykkoffer for andre
gudar til å harma meg med. 30 For Israels born og
Judas born hev berre gjort det som vondt er framfor
augo mine, alt frå si ungdomstid, ja, Israels born hev
berre harma meg med dei verk deira hender hev gjort,
segjer Herren. 31 For denne byen hev vore til å gjera
meg vreid og harm ifrå den dagen dei bygde honom,
og alt fram til denne dag, so eg lyt taka honom burt
frå mi åsyn 32 for all vondskapen som Israels born
og Judas born hev gjort til å harma meg med, dei
sjølve, deira kongar, deira hovdingar, deira prestar og
deira profetar, Juda-menner og Jerusalems-buar. 33
Og dei snudde ryggen til meg og ikkje andlitet, og
endå eg lærde dei jamt og samt, so høyrde dei ikkje,
so dei tok age. 34 Men dei sette sine styggeting i det
huset som er uppkalla etter mitt namn, so dei sulka
det ut. 35 Og dei bygde dei Ba'al-haugarne som er
i Hinnomssons-dalen, for dei vilde lata sønerne og
døtterne sine ganga gjenom elden for Molek - slikt
hadde eg då ikkje påbode, og aldri var det kome meg
i hugen at dei skulde gjera slikt eit skjemdarverk og
soleis få Juda til å synda. 36 Og no, difor, segjer
Herren, Israels Gud, um denne byen som de segjer
sofalne ord um: «Han er gjeven i henderne på Babel-
kongen ved sverd og svolt og sott»: 37 Sjå, eg samlar
deim ut or alle dei landi som eg hev drive deim til i min
vreide og harm og store gram, og eg vil lata deim snu
attende til denne staden og bu her trygge. 38 Då skal
dei vera mitt folk, og eg skal vera deira Gud. 39 Og eg
vil gjeva deim eitt hjarta og ein veg, so dei ottast meg
alle dagar, til bate for deim sjølve og sønerne deira
etter deim. 40 Og eg vil gjera ei ævepakt med deim, at
eg aldri skal snu ifrå deim med mine velgjerningar mot
deim, og eg vil leggja otte for meg i deira hjarta, so dei
ikkje skal vika frå meg. 41 Og eg vil fagna meg yver
deim og gjera vel imot deim, og eg vil planta deim i
dette landet med truskap, av alt mitt hjarta og av all
mi sjæl. 42 For so segjer Herren: Liksom eg hev late
all denne store ulukka koma yver dette folket, soleis
vil eg og lata alt det gode koma yver deim, som eg
hev lova deim. 43 Og jorder skal verta kjøpte i dette
landet som de kallar «ei audn utan folk og fe, gjevi i
henderne på kaldæarane». 44 Jorder skal dei kjøpa
for sylv og skriva kjøpebrev med innsigle på og vitne
til i Benjaminslandet og i umkverven kring Jerusalem
og i Juda-byarne, både i fjellbyarne og i byarne på

flatlendet og i Sudlandet. For eg vil gjera ende på deira
utlægd, segjer Herren.

**33** Og Herrens ord kom til Jeremia andre gongen
medan han endå sat innestengd i vaktgarden;
han sagde: **2** So segjer Herren som gjer det, Herren
som emnar det til og fullfører det - Herren er namnet
hans -: **3** Ropa til meg, so skal eg svara deg og
kunngjera for deg store og uskynande ting, som du
ikkje hev vit på. **4** For so segjer Herren, Israels Gud,
um husi i denne byen og um husi åt Juda-kongen,
som er nedrivne til motråd mot umlægringsvollarne og
sverdet: **5** Dei er komne og vil strida mot kaldæarane,
men det vert til å fylla husi med liki av dei menner som
eg hev slege i min vreide og harm, og som med sin
store vondskap hev valda at eg hev løynt mi åsyn
for denne byen. **6** Sjå, eg vil koma med helsebot
og lækjedom og lækja deim, og eg vil syna deim ei
ovnøgd med fred og trygd. **7** Og eg vil gjera ende
på Judas utlægd, og Israels utlægd, og eg vil byggja
deim som i fyrstningi. **8** Og eg vil reinsa deim for all
misgjerningi deira, som dei hev synda mot meg med,
og eg vil tilgjeva alle misgjerningarne deira, som dei
hev synda mot meg med, og som dei hev forbrote
seg mot meg med. **9** Og byen skal vera meg til eit
fagnad-namn, til pris og til pryda hjå alle folk på jordi
som frettar alt det gode som eg gjer deim, og dei skal
skjelva og titra for alt det gode og all den freden som
eg der lagar til. **10** So segjer Herren: På denne staden
som de kallar «ein øydestad, utan folk og fe», i Juda-
byarne og på Jerusalems-gatorne, som ligg i øyde utan
folk og utan ibuarar og utan fe, her skal ein få høyra
**11** fagnadljod og gledeljod, røyst av brudgom og røyst
av brur og røysti av deim som segjer: «Prisa Herren,
allhers drott, for Herren er god, for æveleg varar hans
miskunn, » slike som ber fram takkoffer i Herrens hus.
For eg endar utlægdi for landsens lyd, so han vert
som i fyrstningi, segjer Herren. **12** So segjer Herren,
allhers drott: Enn skal på denne staden, som no er
aud, utan folk og fe, og i alle byarne her ikring vera
hagelende for hyrdingar som der let sauerne roa seg.
**13** I fjellbyarne, i flatlandsbyarne og i Sudlands-byarne
og i Benjaminslandet og i umkverven kring Jerusalem
og i Juda-byarne, skal sauerne enn renna framum den
som tel deim, segjer Herren. **14** Sjå, det skal koma
dagar, segjer Herren, då eg vil gjera sannrøynt det
gode ordet som eg hev tala um Israels hus og um
Judas hus. **15** I dei dagarne og i den tidi vil eg lata ein
rettferdig renning renna upp for David, og han skal
gjera rett og rettferd i landet. **16** I dei dagarne skal
Juda verta frelst og Jerusalem bu trygt, og dei skal
kalla det soleis: «Herren er vår rettferd.» **17** For so
segjer Herren: David skal ikkje vanta ein ettermann
som kann sitja på kongsstolen åt Israels hus. **18** Og
levitprestarne skal aldri vanta ein ettermann framfor mi
åsyn som kann ofra brennoffer og grjonoffer og bera
fram slagtoffer alle dagar. **19** Og Herrens ord kom til
Jeremia; han sagde: **20** So segjer Herren: Kann de
brjota mi pakt med dagen og mi pakt med natti, so det
ikkje vert dag og natt i si rette tid, **21** då skal og mi pakt
med min tenar David verta broti, so han ikkje skal hava
ein son til konge på sin stol, og med levitprestarne
som tener meg. **22** Liksom himmelheren ikkje let seg
telja, og sanden i havet ikkje let seg mæla, soleis vil eg
gjera min tenar Davids ætt til ei ovmengd, og likeins
levitarne som tener meg. **23** Og Herrens ord kom til
Jeremia; han sagde: **24** Hev du ikkje gjeve gaum etter
kva dette folket hev tala og sagt: «Båe ættgreinerne
som Herren hadde utvalt, hev han støytt frå seg?»
Soleis vanvyrder dei folket mitt, som det ikkje lenger
var eit folk i deira augo. **25** So segjer Herren: Hev eg
ikkje gjort mi pakt med dag og natt, ikkje gjeve lover
for himmel og jord, **26** då vil eg støyta frå meg ætti
åt Jakob og åt min tenar David, so eg ikkje av ætti
hans tek styresmenner yver ætti åt Abraham og Isak
og Jakob. For eg vil enda utlægdi deira og miskunna
deim.

**34** Det ordet som kom til Jeremia frå Herren då
Nebukadnessar, Babel-kongen, og heile heren
hans og alle riki på jordi som han rådde yver, og alle
folkeslagi stridde imot Jerusalem og i mot alle hennar
byar; han sagde: **2** So segjer Herren, Israels Gud:
Gakk og tala til Sidkia, Juda-kongen, og seg med
honom: So segjer Herren: Sjå, eg gjev denne byen i
henderne på Babel-kongen, og han skal brenna honom
upp i eld. **3** Og du, du skal ikkje sleppa undan honom,
men teken skal du verta, og du skal verta gjeven i hans
hand, og augo dine skal sjå Babel-kongens augo, og
hans munn skal tala med din munn, og til Babel skal du
koma. **4** Men høyr på Herrens ord, Sidkia, Juda-konge!
So segjer Herren um deg: Du skal ikkje døy for sverd.
**5** I fred skal du døy, og likeins som det var likferd-
brenning for federne dine, dei fyrre kongarne, dei som
hev vore fyre deg, so skal dei og brenna for deg, og
dei skal øya seg for deg: «Å, herre!» for det ordet hev
eg tala, segjer Herren. **6** Og profeten Jeremia tala til
Sidkia, Juda-kongen, alle desse ordi i Jerusalem **7**
då heren åt Babel-kongen stridde imot Jerusalem og
imot alle Juda-byarne som endå var att, imot Lakis og
Azeka; for desse var dei faste byarne som då var att
av Juda-byarne. **8** Det ordet som kom til Jeremia frå
Herren etter kong Sidkia hadde gjort ei semja med alt
folket i Jerusalem um å lysa ut fridom, **9** at kvar mann
skulde gjeva trælen sin og trælkvinna si fri, um dei var

hebræarar, so ingen jøde skulde halda sin jødiske bror
i trældom. 10 Då lydde alle hovdingarne og alt folket
som hadde gjort den semja, at kvar mann skulde gjeva
trælen sin og trælkvinna si frie, so dei ikkje lenger heldt
deim i trældom; dei lydde og gav deim frie. 11 Men
sidan gjorde dei det um-att og tok tilbake dei trælar og
trælkvinnor som dei hadde slept frie, og truga deim til
å vera trælar og trælkvinnor. 12 Då kom Herrens ord til
Jeremia frå Herren; han sagde: 13 So segjer Herren,
Israels Gud: Eg gjorde ei pakt med federne dykkar den
dagen eg førde dei ut or Egyptarlandet, or trælehuset,
og sagde: 14 «Når sju år er lidne, skal de gjeva kvar
sin bror fri, um han er hebræar, som hev selt seg til
deg. I seks år skal han tena deg, men sidan skal du
lata honom fri frå deg fara. Men federne dykkar høyrde
ikkje på meg og lagde ikkje øyra sitt til. 15 Men no
hadde de snutt og gjort det som rett var i mine augo,
med di de hadde lyst ut fridom, kvar og ein for bror sin,
og de hadde gjort ei semja framfor mi åsyn i det huset
som er uppkalla etter mitt namn. 16 Men so snudde de
um-att og vanhelga namnet mitt og tok tilbake kvar sin
træl og kvar si trælkvinna som de hadde slept frie til å
fara kvar dei vilde, og de truga deim til å vera trælar og
trælkvende åt dykk. 17 Difor, so segjer Herren: De hev
ikkje høyrt på meg og ropa ut fridom, kvar og ein for
sin bror og sin næste; sjå, eg ropar ut fridom for dykk,
segjer Herren, so de vert gjevne åt sverdet, åt sotti og
åt svolten, og eg vil gjera dykk til ei skræma for alle riki
på jordi, 18 og eg gjev dei menner som braut pakti
mi, som ikkje heldt ordi i den pakti dei gjorde framfor
mi åsyn, pakti ved den kalven som dei skar i tvo og
gjekk millom luterne av, 19 - hovdingarne i Juda og
hovdingarne i Jerusalem, hirdmennerne og prestarne
og all landslyden som gjekk millom luterne av kalven
- 20 eg gjev deim i henderne på fiendarne deira og i
henderne på deim som ligg deim etter livet, og liki deira
skal verta til mat åt fuglarne under himmelen og dyri
på jordi. 21 Og Sidkia, Juda-kongen, og hovdingarne
hans gjev eg i henderne på deira fiendar og i henderne
på deim som ligg deim etter livet, og i henderne på
Babel-kongens her, som no er faren burt frå dykk. 22
Sjå, eg gjev deim det påbodet, segjer Herren, at dei
skal snu tilbake til denne byen, og dei skal strida imot
honom og taka honom og brenna honom upp i eld. Og
byarne i Juda gjer eg til ei audn, der ingen bur.»

**35** Det ordet som kom til Jeremia frå Herren i
Jojakim Josiasons, Juda-kongens, dagar; han
sagde: 2 Gakk til Rekabs-ætti og tala til deim og
kom med deim til Herrens hus, inn i ein av kovarne,
og gjev deim vin å drikka! 3 Då tok eg Ja'azanja,
son åt Jeremia Habassinjason, og brørne hans og
alle sønerne hans og all Rekabs-ætti 4 og hadde
deim med til Herrens hus, inn i koven åt sønerne
til gudsmannen Hanan Jigdaljason, den som låg
jamsides med hovdingkoven, uppe yver koven åt
dørstokkvaktaren Ma'aseja Sallumsson. 5 Og eg sette
fram for sønerne til Rekabs-ætti skåler, fulle av vin, og
staup. So sagde eg med deim: «Drikk vin!» 6 Men dei
sagde: «Me drikk ikkje vin, for Jonadab Rekabsson,
ættfaren vår, hev bode oss og sagt: «De skal ikkje i
all æva drikka vin, korkje de eller borni dykkar. 7 De
skal ikkje heller byggja hus og ikkje så sæde og ikkje
planta vinhage eller eiga noko slikt, men i tjeldbuder
skal de bu alle dykkar dagar, so de må liva lenge i
det landet der de bur som utlendingar.» 8 Og me
lydde påbodet frå vår ættfar, Jonadab Rekabsson, i
alt det han bad oss um, so me aldri drikk vin, korkje
me sjølve, konorne våre, sønerne våre eller døtterne
våre, 9 og byggjer oss ikkje hus til å bu i og hev
oss ikkje vinhagar eller åkrar eller utsæde, 10 men
me hev butt i tjeldbuder, so me hev lydt og gjort alt
det som vår ættfar, Jonadab, baud oss um. 11 Men
då Nebukadressar, Babel-kongen, kom farande upp i
landet, då sagde me: «Kom, lat oss fara til Jerusalem
undan kaldæarheren og undan syrarheren!» So sette
me då bu i Jerusalem.» 12 Då kom Herrens ord til
Jeremia; han sagde: 13 So segjer Herren, allhers
drott, Israels Gud: Gakk og seg til Juda-mennerne
og Jerusalems-buarne: Vil de ikkje taka age so de
lyder mine ord? segjer Herren. 14 Ordi hans Jonadab
Rekabsson er haldne, han baud sønerne sine at dei
ikkje skulde drikka vin, og dei hev ikkje drukke vin
alt til denne dag, men lydt påbodet frå ættfar sin.
Og eg hev tala til dykk jamt og samt, men de hev
ikkje lydt meg. 15 Og jamt og samt hev eg sendt til
dykk alle mine tenarar, profetarne, og sagt: «Vend um,
kvar frå sin vonde veg, og lat verki dykkar betrast,
og ferdast ikkje etter andre gudar til å tena deim! då
skal de få bu i dette landet som eg hev gjeve dykk
og federne dykkar.» Men de lagde ikkje øyra til og
lydde ikkje på meg. 16 Ja, Jonadab Rekabssons born
hev halde det bodet som ættfaren deira gav deim,
men dette folket hev ikkje lydt meg. 17 Difor, so segjer
Herren, allhers drott, Israels Gud: Sjå, eg let koma
yver Juda og yver alle som bur i Jerusalem, all den
ulukka som eg hev truga dei med, av di at dei ikkje
høyrde når eg tala til deim, og ikkje svara når eg kalla
på deim. 18 Men til Rekabs-ætti sagde Jeremia: So
segjer Herren, allhers drott, Israels Gud: Av di at de
hev lydt påbodet frå Jonadab, ættfaren dykkar, og
halde alle bodi hans og gjort stødt som han baud dykk,
19 difor, so segjer Herren, allhers drott, Israels Gud:
Jonadab Rekabssons skal aldri vanta ein mann som
kann standa framfor mi åsyn.

**36** So hende det i det fjorde styringsåret åt Juda-
kongen Jojakim Josiason at dette ordet til Jeremia
frå Herren: **2** Tak deg ein bokrull og skriv på honom
alle dei ordi eg hev tala til deg um Israel og um Juda
og um alle heidningefolki frå den dagen eg tala til deg,
frå den tidi Josia rådde, og alt til denne dag! **3** Kann
henda Judas hus vil lyda på all den ulukka som eg
tenkjer å gjera deim, so dei kann venda um, kvar og
ein frå sin vonde veg, og eg kann få tilgjeva deim deira
misgjerning og synd. **4** Då kalla Jeremia til seg Baruk
Neriason, og Baruk skreiv i bokrullen etter Jeremias
munn alle Herrens ord som han hadde tala til honom. **5**
Og Jeremia bad Baruk og sagde: «Eg sjølv er meinka,
eg kann ikkje koma i Herrens hus. **6** Men gakk du dit
og les or rullen som du hev skrive etter min munn,
Herrens ord for folket i Herrens hus på ein fastedag!
Du skal lesa deim for alt Juda, deim som er komne
frå byarne sine. **7** Må henda dei kunde leggja si bøn
fram for Herrens åsyn og venda seg, kvar og ein frå
sin vonde veg. For stor er den vreiden og harmen
som Herren hev truga dette folket med.» **8** Og Baruk
Neriason gjorde plent so som profeten Jeremia hadde
bede honom, og las or boki Herrens ord i Herrens
hus. **9** So hende det i det femte styringsåret åt Jojakim
Josiason, kongen i Juda, i den niande månaden, at
dei lyste på at alt folket i Jerusalem og alt det folk
som var kome frå Juda-byarne til Jerusalem, skulde
fasta framfor Herrens åsyn. **10** Då las Baruk upp or
boki Jeremias ord i Herrens hus, i koven åt Gemarja,
son åt riksskrivaren Safan, i øvre fyregarden, attmed
inngangen til den nye porten på Herrens hus, so alt
folket høyrde på. **11** Men då Mikaja, son åt Gemarja
Safansson, høyrde alle Herrens ord or boki, **12** gjekk
han ned i kongsgarden, inn i riksskrivarkoven, og
sjå, der sat alle hovdingarne: riksskrivaren Elisama
og Delaja Sjemajason og Elnatan Akborsson og
Gemarja Safansson og Sidkia Hananjason og alle hine
hovdingarne. **13** Og Mikaja kunngjorde for deim alle
dei ordi han hadde høyrt, då Baruk las upp or boki
medan folket høyrde på. **14** Då sende alle hovdingarne
Jehudi, son åt Netanja, son åt Selemja Kusison, til
Baruk med denne ordsegni: «Tak med deg den rullen
som du las upp for folket, og kom hit!» Og Baruk
Neriason tok rullen med seg og kom til deim. **15** Då
sagde dei med honom: «Set deg og les honom for
oss!» Og Baruk las for deim. **16** Men då dei hadde
høyrt alle ordi, såg dei forfærde på kvarandre og sagde
til Baruk: «Me lyt melda dette til kongen.» **17** So spurde
dei Baruk og sagde: «Seg oss korleis du skreiv alle
desse ordi etter hans munn!» **18** Og Baruk svara deim:
«Med sin munn sagde han meg alle desse ordi fyre,
og eg skreiv det i boki med blekk.» **19** Då sagde
hovdingarne til Baruk: «Gakk og gøym deg og Jeremia
med deg, so ingen veit kvar de er!» **20** Sidan gjekk dei
til kongen i fyregarden - men rullen let dei etter seg i
koven åt riksskrivaren Elisama - og melde alt dette
for kongen. **21** Då sende kongen Jehudi av stad etter
rullen, og han tok honom ut or koven åt riksskrivaren
Elisama. Sidan las Jehudi honom upp for kongen og
for hovdingarne som stod hjå kongen. **22** Men kongen
sat i vinterhalli - det var i den niande månaden - og
det brann eld i ei glodpanna framfyre honom. **23** Og
kvar gong Jehudi hadde lese tri eller fire teigar, skar
kongen av rullen med ein pennekniv og kasta stykket
på elden i glodpanna, til heile rullen var uppbrend i
elden i glodpanna. **24** Og dei ræddast ikkje og reiv
ikkje sund klædi sine, korkje kongen eller nokon av
tenarane hans som høyrde alle desse ordi. **25** Og endå
Elnatan og Delaja og Gemarja naudbad kongen, at
han ikkje måtte brenna upp rullen, høyrde han ikkje
på deim. **26** Og kongen bad Jerahme'el, kongssonen,
og Seraja Azrielsson og Selemja Abde'elsson å taka
skrivaren Baruk og profeten Jeremia, men Herren
løynde deim. **27** Då kom Herrens ord til Jeremia, etter
kongen hadde brent upp rullen med dei ordi som Baruk
hadde skrive etter Jeremias munn; han sagde: **28** Tak
deg atter ein annan rull og skriv på honom alle dei fyrre
ordi som stod på den fyrre rullen, den som Jojakim,
Juda-kongen, brende upp! **29** Men um Jojakim, Juda-
kongen, skal du segja: «So segjer Herren: Du brende
denne rullen og sagde: «Kvi skreiv du på honom dette:
Babel-kongen skal koma og øydeleggja dette landet og
rydja ut or det folk og fe?» **30** Difor, so segjer Herren
um Jojakim, Juda-kongen: Han skal ingen hava som
kann sitja på Davids kongsstol, og liket hans skal liggja
utkasta i hiten um dagen og i kulden um natti. **31** Og
eg vil heimsøkja honom og avkjømet hans og tenarane
hans for deira misgjerning, og eg vil lata koma yver
deim og yver Jerusalems-buarne og Juda-mennerne
alle dei ulukkor som eg hev truga dei med utan at dei
høyrde.» **32** Då tok Jeremia ein annan rull og gav
honom til skrivaren Baruk Neriason, og han skreiv på
honom etter Jeremias munn alle dei ordi som hadde
stade i den boki som Jojakim, Juda-kongen, hadde
brent upp i eld. Og til deim var det endå lagt mykje av
same slaget.

**37** Og Sidkia Josiason vart konge etter Konja
Jojakimsson, som Nebukadressar, Babel-kongen,
hadde gjort til konge i Judalandet. **2** Men korkje
han eller tenarane hans eller landslyden høyrde på
Herrens ord, som han tala ved profeten Jeremia. **3** Og
kong Sidkia sende Jehukal Selemjason og presten
Sefanja Ma'asejason til profeten Jeremia med denne
ordsendingi: «Bed for oss til Herren, vår Gud!» **4**

Jeremia gjekk den-tid ut og inn millom folket, for dei
hadde endå ikkje sett honom i fangehuset. 5 Og Faraos
her var då faren ut frå Egyptarland. Og då kaldæarane,
som kringsette Jerusalem, frette det, for dei burt frå
Jerusalem. 6 Då kom Herrens ord til profeten Jeremia;
han sagde: 7 So segjer Herren, Israels Gud: So skal
de segja til Juda-kongen, som sende dykk av stad til
å spyrja meg: Sjå, Faraos her, som er faren ut til å
hjelpa dykk, vil snu um att til landet sitt, til Egyptarland.
8 Og kaldæarane skal og koma att og strida mot denne
byen. Og dei skal taka honom og brenna honom upp i
eld. 9 So segjer Herren: Dåra ikkje dykk sjølve med
sofalne ord: «Kaldæarane fer no burt frå oss for ollo!»
for dei fer ikkje burt. 10 For um de so slo i hel heile
kaldæarheren som strider imot dykk, so det berre var
att hjå dei nokre særde menner, då skulde dei risa
upp i kvar si tjeldbud og brenna upp denne byen i
eld. 11 So hende det då kaldæarheren for burt frå
Jerusalem for Faraos her, 12 at Jeremia gjekk ut or
Jerusalem og vilde til Benjaminslandet. Der skulde
han taka imot ein arvlut midt ibland folket. 13 Men då
han kom til Benjaminsporten, so var der ein vaktmann,
og han heitte Jeria, son åt Selemja Hananjason. Han
treiv i profeten Jeremia og sagde: «Du vil laupa burt til
kaldæarane.» 14 Men Jeremia sagde: «Det er lygn, eg
vil ikkje laupa burt til kaldæarane!» Men han høyrde
ikkje på honom, og Jeria treiv i Jeremia og for med
honom til hovdingarne. 15 Og hovdingarne harmast på
Jeremia og slo honom. So sette dei honom i fengsel i
huset åt riksskrivaren Jonatan, for det hadde dei gjort
til fangehus. 16 Då Jeremia var komen i fangeholet, i
kjellaren, og hadde sete der ei lang tid, 17 sende kong
Sidkia bod og let henta honom, og kongen spurde
honom i huset sitt i løynd og sagde: «Er det kome
noko ord frå Herren?» Jeremia svara: «Ja, » og so
sagde han: «Du skal verta gjeven i henderne på Babel-
kongen.» 18 Dinæst sagde Jeremia med kong Sidkia:
«Kva hev eg synda mot deg og mot tenarane dine og
mot dette folket, sidan de hev sett meg i fangehuset?
19 Og kvar er no profetarne dykkar, som spådde åt
dykk og sagde: «Babel-kongen skal ikkje koma yver
dykk og yver dette landet?» 20 Og høyr no, herre
konge! Å, lat mi bøn koma fram for di åsyn og send
meg ikkje attende til huset åt riksskrivaren Jonatan,
so eg ikkje skal døy der!» 21 Sidkia gav då påbod,
og so sette dei Jeremia i varveitsla i vaktgarden og
gav honom ein brødleiv um dagen frå Bakargata, til
alt brødet var ende i byen. Jeremia vart då verande i
vaktgarden.

**38** Men Sefatja Mattansson og Gedalja Pashursson
og Jukal Selemjason og Pashur Malkiason
høyrde dei ordi som Jeremia tala til alt folket då han
sagde: 2 «So segjer Herren: Den som vert verande i
denne byen, skal døy for sverd og av svolt og i sott,
men den som gjeng ut til kaldæarane, skal liva, han
skal njota sitt liv til herfang og liva. 3 So segjer Herren:
Denne byen skal visseleg verta gjeven i henderne på
heren åt Babel-kongen, og han skal taka honom.» 4
Då sagde hovdingarne med kongen: «Lat deim drepa
denne mannen, etter di han gjer folket modlaust, både
hermennerne som er att i denne byen og alt det andre
folket, med di han talar slike ord til deim. For denne
mannen søker ikkje å gagna dette folket, men å skade
det.» 5 Då sagde Sidkia: «Sjå, han er i dykkar hender,
for kongen magtast ikkje noko imot dykk.» 6 Då tok
dei Jeremia og kasta honom i brunnen åt kongssonen
Malkia, den som var i vaktgarden; dei fira Jeremia ned
med tog. Men i brunnen var det ikkje vatn, berre dy,
og Jeremia sokk ned i dyet. 7 Men ætiopen Ebed-
Melek, ein hirdmann som var i kongsgarden, frette
at dei hadde kasta Jeremia i brunnen - kongen sat
då i Benjaminsporten. 8 So gjekk Ebed-Melek ut or
kongsgarden og tala til kongen og sagde: 9 «Herre
konge! Illverk hev desse menner fremja med alt det dei
hev gjort mot profeten Jeremia som dei hev kasta i
brunnen, og der lyt han døy av svolt, for det finst ikkje
meir brød i byen.» 10 Då bad kongen ætiopen Ebed-
Melek og sagde: «Tak med deg herifrå tretti mann og
drag profeten Jeremia upp or brunnen, fyrr han døyr.»
11 Og Ebed-Melek tok mennerne med seg og gjekk inn
i kongsgarden, i romet under skattkammeret, og tok
der fillor av sundrivne og utslitne klæde og fira deim
med tog ned i brunnen til Jeremia. 12 Sidan sagde
ætiopen Ebed-Melek med Jeremia: «Legg fillorne av
dei sundrivne og utslitne klædi under armarne dine,
under togi!» Og Jeremia gjorde so. 13 Dei drog då
Jeremia upp med togi og fekk honom upp or brunnen.
Og no sat Jeremia i vaktgarden. 14 Sidan sende kong
Sidkia bod og let henta profeten Jeremia til seg i den
tridje inngangen til Herrens hus. Og kongen sagde
med Jeremia: «Eg vil spyrja deg um noko; løyn ikkje
noko for meg!» 15 Jeremia sagde med Sidkia: «Um
eg segjer deg det, vil du då ikkje drepa meg? Og um
eg gjev deg ei råd, so lyder du ikkje på meg.» 16 Då
gjorde kong Sedekias eiden sin til Jeremia i dulsmål og
sagde: «So sant som Herren liver, han som hev skapt
oss i dette vårt liv, vil eg ikkje drepa deg og ikkje gjeva
deg i henderne på desse menner som ligg deg etter
livet.» 17 Då sagde Jeremia med Sidkia: «So segjer
Herren, allhers drott, Israels Gud: Gjeng du ut til Babel-
kongens hovdingar, skal du få liva, og denne byen skal
ikkje verta uppbrend i eld, men du skal få liva, du og
ditt hus. 18 Men gjeng du ikkje ut til Babel-kongens
hovdingar, so skal denne byen verta gjeven i henderne

på kaldæarane, og dei skal brenna honom upp i eld,
og du sjølv skal ikkje koma deg undan deira hender.»
19 Då sagde kong Sidkia med Jeremia: «Eg ottast dei
jødarne som hev gjeve seg yver til kaldæarane, at eg
kunde verta gjeven i deira hender, og dei skulde fara
stygt åt med meg.» 20 Men Jeremia sagde: «Dei skal
ikkje gjera det. Høyr du på Herrens røyst i det eg talar
til deg, då skal det ganga deg vel, og du skal få liva! 21
Men dreg du deg undan og ikkje gjeng ut, då er dette
det ordet Herren hev synt meg: 22 Sjå, alle dei kvende
som er att i Juda-kongens hus, skal verta førde ut til
Babel-kongens hovdingar, og sjå, dei skal segja til deg:
«Dine eigne vener hev lokka deg og vunne på deg; då
føterne dine sokk ned i dya, drog dei seg undan.» 23
Og alle konorne dine og borni dine skal dei leida ut til
kaldæarane, og du sjølv skal ikkje sleppa undan deira
hender, men Babel-kongen skal taka deg med si hand,
og for di skuld skal denne byen verta uppbrend i eld.»
24 Då sagde Sidkia til Jeremia: «Lat ingen få vita av
denne samrøda, elles vert det din bane! 25 Men når
hovdingarne fær høyra at eg hev tala med deg, og dei
so kjem til deg og segjer med deg: «Seg oss kva du
hev tala med kongen! Løyn det ikkje for oss, elles drep
me deg! Kva hev kongen tala til deg?» 26 då skal du
segja med deim: «Eg bar mi audmjuke bøn fram for
kongens åsyn, at han ikkje måtte lata meg fara tilbake
til Jonatans hus og døy der.»» 27 Og alle hovdingarne
kom til Jeremia og spurde honom, han svara deim
med kvart det ord som kongen hadde bede honom
um. Då let dei honom vera i fred, for saki hadde ikkje
vorte kjend. 28 Og Jeremia sat i vaktgarden alt til den
dagen då Jerusalem vart teke.

**39** Men dette hende då Jerusalem var teke: I det
niande styringsåret åt Juda-kongen Sidkia, i
den tiande månaden, kom Nebukadnessar, Babel-
kongen, og all hans her til Jerusalem og kringsette
det. 2 I det ellevte styringsåret åt Sidkia, i den fjorde
månaden, den niande dagen i månaden, braut dei inn i
byen. 3 Og alle hovdingarne åt Babel-kongen kom og
sette seg i Midporten: Nergal-Sareser, Samgar-Nebu,
Sarsekim, den øvste hirdmannen, Nergal-Sareser, den
øvste av vismennerne, og alle dei hine hovdingarne
åt Babel-kongen. 4 Men då Sidkia, Juda-kongen, og
alle hermennerne såg deim, flydde dei og for um natti
ut or byen på vegen til kongshagen gjenom porten
millom båe murarne, og heldt leidi til øydemarki. 5 Men
kaldæarheren sette etter deim og nådde Sidkia på
Jerikomoarne. Og dei tok honom og førde honom upp til
Nebukadnessar, Babel-kongen, i Ribla i Hamat-bygdi,
og han sagde domen yver honom. 6 Og Babel-kongen
let sønerne åt Sidkia drepa i Ribla framfor augo på
honom. Sameleis let Babel-kongen alle stormennerne
i Juda drepa. 7 Men Sidkia let han blinda og binda
med tvo koparlekkjor og føra honom til Babel. 8 Og
kaldæarane brende upp i eld både kongsgarden og
folkehuset, og murarne kring Jerusalem reiv dei ned. 9
Og Nebuzaradan, hovdingen for livvakti, førde burt til
Babel den leivningen av folket som var etter i byen,
og rømingarne som hadde gjeve seg med honom, og
den leivningen av folket som dessforutan var att. 10
Men av ålmugefolk som inkje åtte, let Nebuzaradan,
hovdingen for livvakti, nokre etter i Judalandet, og
gav deim samstundes vinhagar og åkrar. 11 Og
Nebukadressar, Babel-kongen, gav Nebuzaradan,
hovdingen for livvakti, påbod um Jeremia og sagde:
12 Tak honom og sjå til med honom og gjer honom
ikkje noko ilt, men gjer med honom so som han segjer
med deg! 13 Då sende Nebuzaradan, hovdingen for
livvakti, og Nebusazban, den øvste hirdmannen, og
Nergal-Sareser, den øvste av vismennerne, og alle
hine Babel-kongens hovdingar 14 - dei sende bod
og let henta Jeremia frå vaktgarden og gav honom til
Gedalja, son åt Ahikam Safansson, at han skulde taka
honom med seg heim; soleis vart han då verande hjå
folket. 15 Men til Jeremia hadde Herrens ord kome
medan han sat innestengd i vaktgarden; han hadde
sagt: 16 Gakk og seg til ætiopen Ebed-Melek: So
segjer Herren, allhers drott, Israels Gud: Sjå, eg let
koma det eg hev tala mot denne byen, til ulukka og
ikkje til lukka, og det skal henda framfor augo dine den
dagen. 17 Men deg vil eg berga den dagen, segjer
Herren, og du skal ikkje verta gjeven i henderne på dei
menner som du ræddast. 18 For eg vil lata deg sleppa
undan, og du skal ikkje falla for sverd, men vinna ditt
liv til herfang, av di du leit på meg, segjer Herren.

**40** Det ordet som kom til Jeremia frå Herren etter
at Nebuzaradan, hovdingen for livvakti, hadde
slept honom laus frå Rama, med di han henta honom,
då han var bunden med lekkjor i lag med alle hine
burtførde frå Jerusalem og Juda som vart burtførde
til Babel. 2 Hovdingen for livvakti henta då Jeremia.
Og han sagde med honom: «Herren, din Gud, hev
truga denne staden med denne ulukka. 3 Og Herren
let det koma, og gjorde so som han hadde truga. For
de synda mot Herren og lydde ikkje hans røyst, og so
råka dette dykk. 4 Og sjå, no hev eg løyst lekkjorne
av henderne dine i dag. Um du er huga på å koma
med meg til Babel, so kom, og eg skal sjå til med deg;
men um du er uhuga på å koma med meg til Babel,
so lat vera. Sjå, alt landet ligg ope for deg; kvar du
synest godt og rett å ganga, dit kann du ganga.» 5
Men då han drygde med heimferdi, sagde han: «Du
må gjerne fara til Gedalja, son åt Ahikam Safansson,
som Babel-kongen hev sett yver Juda-byarne, og ver

med honom millom folket, eller gakk kvar du synest
det er rett å ganga!» Og hovdingen for livvakti gav
honom nistemat og gåvor og let honom fara. 6 Og
Jeremia for til Gedalja Ahikamsson i Mispa og var med
honom millom det folket som var etter i landet. 7 Då so
alle herhovdingarne som var ute i bygderne, dei og
mennerne deira, frette at Babel-kongen hadde sett
Gedalja Ahikamsson yver landet, og at han hadde
bede honom sjå til med menner og kvende og born og
deim av ålmugen i landet som ikkje var burtførde til
Babel, 8 so for dei til Gedalja i Mispa, både Ismael
Netanjason og Johanan og Jonatan Kareahs-søner og
Seraja Tanhumetsson og sønerne åt Efai frå Netofa og
Jezanja, ma'akatitsonen, og mennerne deira. 9 Og
Gedalja, son åt Ahikam Safansson, gjorde deim og
mennerne deira eiden sin og sagde: «Det tarv ikkje
ottast lydskyldnaden under kaldæarane. Ver i landet
og ten Babel-kongen! so skal det ganga dykk vel! 10
Og eg, sjå, eg buar i Mispa, so eg kann taka imot
dei kaldæarar som kjem til oss. Men de lyt samla
vin og frukt og olje og leggja det i kjeraldi dykkar og
vera i byarne dykkar, som de hev teke til eiga.» 11
Og alle jødarne som var i Moab og hjå Ammons-
sønerne og i Edom og i alle andre land, dei frette og
at Babel-kongen hadde late nokre av jødarne vera
att, og at han hadde sett yver deim Gedalja, son åt
Ahikam Safansson. 12 Alle dei jødarne vende då
heim att frå alle staderne som dei var drivne burt
til, og kom til Judalandet, til Gedalja i Mispa, og dei
samla vin og frukt i store mengder. 13 Men Johanan
Kareahsson og alle herhovdingarne som var ute i
bygderne, for til Gedalja i Mispa 14 og sagde med han:
«Veit du at Ba'alis, kongen yver Ammons-sønerne,
hev sendt Ismael Netanjason til å slå deg i hel?» Men
Gedalja Ahikamsson trudde deim ikkje. 15 Og Johanan
Kareahsson sagde i løynd med Gedalja i Mispa: «Lat
meg ganga og drepa Ismael Netanjason! og ingen
skal få vita det. Kvi skal han slå deg i hel, og alt Juda
spreidast, dei som hev samla seg til deg, og leivningen
av Juda tyntast?» 16 Men Gedalja Ahikamsson sagde
med Johanan Kareahsson: «Gjer ikkje det! For det er
lygn det du melder um Ismael.»

**41** So hende det i den sjuande månaden, at Ismael,
son åt Netanja Elisamason, av kongsætti, ein av
kongens stormenner, og ti mann med honom, kom
til Gedalja Ahikamsson i Mispa, og dei fekk seg mat
saman der i Mispa. 2 Då stod Ismael Netanjason
upp, og dei ti mann som var med honom, og dei
slo Gedalja, son åt Ahikam Safansson, i hel med
sverd, og drap honom som Babel-kongen hadde sett
yver landet. 3 Ismael slo og i hel alle dei jødarne
som var med Gedalja i Mispa, og dei kaldæarane,
stridsmennerne som var der. 4 Men andre dagen etter
han hadde drepe Gedalja, fyrr nokon visste det, 5 kom
det menner frå Sikem, frå Silo og Samaria, åtteti i alt,
med avraka skjegg og sundrivne klæde og med merke
rispa i holdet, og dei hadde med seg grjonoffer og
røykjelse til å bera fram i Herrens hus. 6 Og Ismael
Netanjason gjekk ut imot deim frå Mispa, gråtande alt
med han gjekk. Og då han møtte deim, sagde han
med deim: «Kom til Gedalja Ahikamsson!» 7 Men då
dei var komne midt inn i byen, tok Ismael Netanjason
og dei mennerne som var med honom og drap deim
og kasta deim i brunnen. 8 Men millom deim var det ti
menner som sagde med Ismael: «Drep oss ikkje! for
me hev forråd gøymde ute på marki: kveite og bygg og
olje og honning.» Då let han deim vera og drap deim
ikkje med brørne deira. 9 Og brunnen som Ismael
kasta liki i av alle dei menner som han hadde drepe
umfram Gedalja, var den som kong Asa hadde gjort
til vern mot Baesa, Israels-kongen; den fyllte Ismael
Netanjason med drepne menner. 10 Og Ismael førde
burt all leivningen av folket i Mispa: Kongsdøtterne
og alt folket som var att i Mispa, som Nebuzaradan,
hovdingen for livvakti, hadde sett Gedalja Ahikamsson
yver - deim førde Ismael Netanjason burt fangar og
gjekk av stad og vilde fara yver til Ammons-sønerne. 11
Men då Johanan Kareahsson og alle herhovdingarne
som var med honom, frette alle dei illverki som Ismael
Netanjason hadde gjort, 12 tok dei alle mennerne og
gjekk av stad og vilde strida mot Ismael Netanjason.
Og dei fann honom attmed det store vatnet som er
i Gibeon. 13 Men då alt folket som var med Ismael,
såg Johanan Kareahsson og alle herhovdingarne som
var med honom, gleddest dei. 14 Dei snudde då, alt
folket som Ismael hadde ført fangar frå Mispa, og
gjekk tilbake til Johanan Kareahsson. 15 Men Ismael
Netanjason slapp undan frå Johanan med åtte mann og
for til Ammons-sønerne. 16 Og Johanan Kareahsson
og alle herhovdingarne som var med honom, tok med
seg alle som var att av folket, deim or Mispa som
han hadde vunne att frå Ismael Netanjason, etter
han hadde drepe Gedalja Ahikamsson: stridsmenner
og kvende og born og hirdmenner, som han hadde
ført tilbake frå Gibeon. 17 Dei for då av stad, men
stana i Kimham-herbyrget, som er attmed Betlehem,
og vilde halda fram med ferdi til Egyptarland 18 - for
kaldæarane skuld, for dei ottast deim av di Ismael
Netanjason hadde drepe Gedalja Ahikamsson, som
Babel-kongen hadde sett yver landet.

**42** Då kom alle herhovdingarne fram, likeins Johanan
Kareahsson og Jesanja Hosajason, og alt folket,
både små og store, 2 og sagde til profeten Jeremia:
«Unn oss å leggja bøni vår fram for di åsyn, at du

må beda for oss til Herren, din Gud, for all denne
leivningen - for berre nokre få er me att av mange,
so som du sjølv ser på oss - 3 at Herren, din Gud,
vil kunngjera for oss kva veg me skal ganga, og kva
me skal gjera.» 4 Profeten Jeremia sagde til deim:
«Godt og vel! Sjå, eg vil beda til Herren, dykkar Gud,
so som de segjer, og alt det Herren svarar dykk, det
skal eg segja dykk. Eg vil ikkje halda noko løynt for
dykk.» 5 Då sagde dei med Jeremia: «Herren vere
eit sant og trufast vitne mot oss, um me ikkje gjer
etter kvart det ordet som Herren, din Gud, sender deg
med til oss. 6 Anten det er godt eller vondt, so vil me
lyda røysti åt Herren, vår Gud, som me sender deg
til, so det må ganga oss vel når me lyder røysti åt
Herren, vår Gud.» 7 So hende det ti dagar etterpå,
at Herrens ord kom til Jeremia. 8 Og han kalla på
Johanan Kareahsson og alle herhovdingarne som var
med honom og alt folket, både små og store, 9 og
sagde med deim: So segjer Herren, Israels Gud, som
de sende meg til, so eg skulde leggja bøni dykkar fram
for hans åsyn: 10 Um de vert buande i dette landet,
so vil eg byggja dykk upp og ikkje riva ned, og planta
dykk og ikkje rykkja upp. For eg angrar det vonde som
eg hev gjort dykk. 11 Ottast ikkje Babel-kongen, som
de no ottast, ottast ikkje honom! segjer Herren; for eg
er med dykk og til å frelsa dykk ut av hans hand. 12
Og eg vil lata dykk få miskunn, so han miskunnar dykk
og snu heim att til landet dykkar. 13 Men um de segjer:
«Me vil ikkje vera i dette landet, » lyder de ikkje røysti
åt Herren, dykkar Gud, 14 men segjer: «Nei, men me
vil fara til Egyptarlandet, der me slepp å sjå herstrid og
høyra omen av stridslur og hungra etter brød, og der
vil me bu» - 15 so høyr no difor Herrens ord, du Juda-
leivning! So segjer Herren, allhers drott, Israels Gud:
Um de til røyndar held stemneleidi til Egyptarland, og
fer dit og vil bu der, 16 då skal sverdet som de ottast
nå dykk der i Egyptarlandet, og svolten som de no
ræddast, skal elta dykk til Egyptarland, og der skal
de døy. 17 Og alle dei menner som held stemneleidi
til Egyptarland og vil bu der, dei skal døy for sverd,
av svolt og i sott, og ingen av deim skal sleppa frå
eller komast undan den ulukka som eg let ganga yver
deim. 18 For so segjer Herren, allhers drott, Israels
Gud: Likeins som min vreide og harm var utrend yver
Jerusalems, so skal min harm og verta utrend yver
dykk når de fer til Egyptarland, so de vert til ein eid
og til ei skræma og til ei våbøn og til ei hæding, og
de skal aldri meir sjå denne staden. 19 Herren hev
tala til dykk, du Juda-leivning: Far ikkje til Egyptarland!
Vita skal de at eg hev vara dykk i dag. 20 For de
dårar dykk - og her stend det um livet - for de sende
meg til Herren, dykkar Gud, og sagde: «Bed for oss til
Herren, vår Gud, og kunngjer oss alt det som Herren,
vår Gud, segjer oss, so vil me gjera det.» 21 Og eg
hev kunngjort dykk det i dag, men de hev ikkje lydt på
røysti åt Herren, dykkar Gud, i noko av det som han
hev sendt meg med til dykk. 22 Og vita skal de no, at
de lyt døy for sverd, av svolt og i sott på den staden
som de stundar etter å koma til so de kunde bu der.

**43** Men då Jeremia hadde tala til folket alle Herrens,
deira Guds, ord, som Herren, deira Gud, hadde
sendt honom med til deim - alle desse ordi, 2 då sagde
Azarja Hosajason og Johanan Kareahsson og alle dei
ovmodige mennerne - dei sagde med Jeremia: «Det er
lygn det du segjer; Herren, vår Gud, hev ikkje sendt
deg og sagt: «De skal ikkje fara til Egyptarland og bu
der.» 3 Men Baruk Neriason eggjar deg upp imot oss,
so me skal verta gjevne i henderne på kaldæarane,
og dei skal drepa oss eller føra oss burt til Babel.» 4
Og Johanan Kareahsson og alle herhovdingarne og
alt folket vilde ikkje høyra på Herrens røyst og vera
i Judalandet. 5 Men Johanan Kareahsson og alle
herhovdingarne tok alle som var leivde etter av Juda,
som var komne tilbake frå alle folki som dei hadde vore
burtdrivne til, og vilde bu i Judalandet, 6 mennerne og
kvinnorne og småborni og kongsdøtterne og kvart eit
liv som Nebuzaradan, hovdingen for livvakti, hadde
late vera att hjå Gedalja, son åt Ahikam Safansson, so
og profeten Jeremia og Baruk Neriason, 7 og for til
Egyptarland, for dei høyrde ikkje på Herrens røyst. Og
dei for til Tahpanhes. 8 Og Herrens ord kom til Jeremia
i Tahpanhes; han sagde: 9 Tak deg nokre store steinar
i handi og gøym deim i leiret i tiglsteinsleggjingi som
er i inngangen til Faraos hus i Tahpanhes, framfor
augo på menner frå Juda. 10 Og du skal segja med
deim: So segjer Herren, allhers drott, Israels Gud:
Sjå, eg sender og hentar tenaren min Nebukadressar,
Babel-kongen, og set kongsstolen hans uppå desse
steinarne som eg hev gøymt, og han skal breida sitt
glimande tæpe utyver deim. 11 Og han skal koma og
slå Egyptarlandet; den som er etla åt dauden, lyt døy,
den som er etla til fange, vert fange, og den som er
etla åt sverdet, vert sverdslegen. 12 Og eg vil kveikja
eld på gudehusi i Egyptarland, og han skal brenna
deim upp og føra gudarne burt. Og han skal sveipa
Egyptarlandet um seg, likeins som hyrdingen sveiper
kappa si um seg. Og sidan skal han fara derifrå i fred.
13 Og han skal brjota sund sulorne i Bet-Semes, som
er i Egyptarlandet, og gudehusi i Egyptarland skal han
brenna upp med eld.

**44** Det ordet som kom til Jeremia åt alle dei jødarne
som budde i Egyptarlandet, dei som budde i
Migdol og i Tahpanhes og i Nof og i Patroslandet; han

sagde: 2 So segjer Herren, allhers drott, Israels Gud:
De hev set all den ulukka som eg hev late koma yver
Jerusalem og yver alle Juda-byarne - og sjå, no er dei
øydestader, og ingen bur i deim - 3 for vondskapen
deira so dei for med til å harma meg med, med di dei
gjekk og brende røykjelse og tente andre gudar som
dei ikkje kjende, korkje dei eller de eller federne dykkar.
4 Og eg sende til dykk alle tenarane mine, profetarne,
både jamt og samt, og sagde: Gjer då ikkje desse
skræmelege ting som eg hatar! 5 Men dei høyrde ikkje
og lagde ikkje øyra til, so dei snudde frå sin vondskap
og heldt upp med å brenna røykjelse åt andre gudar. 6
Då vart min harm og min vreide utrend, og han brann i
Juda-byarne og på Jerusalems-gatorne, so dei vart til
ei audn, til ei øyda, so som dei er enn i dag. 7 Og
no, so segjer Herren, allhers drott, Israels Gud: Kvi
gjer de so stort eit tjon på dykk sjølve, so mann og
kvinna, barn og brjostbarn vert utrudde for dykk midt ut
or Juda, so de ikkje vert att ein leivning av dykk - 8 og
harmar meg med dei verk dykkar hender gjer, med di
de brenner røykjelse åt andre gudar i Egyptarlandet
som de er komne til og vil bu i - so dei skal verta
utrudde for dykk, og de verta til ei våbøn og ei hæding
hjå alle folk på jordi? 9 Hev de gløymt det vonde som
federne dykkar gjorde, og det vonde Juda-kongarne
gjorde, og det vonde kvendi deira gjorde, og det vonde
de sjølve gjorde, og det vonde kvendi dykkar gjorde i
Judalandet og på Jerusalems-gatorne? 10 Endå hev
dei ikkje audmykt seg, og ikkje hev dei ottast og ikkje
hev dei ferdast etter mi lov og etter mine bodord, som
eg lagde fram for dykk og for federne dykkar. 11 Difor,
so segjer Herren, allhers drott, Israels Gud: Sjå, eg
snur andlitet mitt mot dykk til ulukka og eg vil rydja ut
alt Juda. 12 Og eg vil taka deim som er leivde etter
Juda, deim som heldt stemneleidi til Egyptarlandet
og for dit og vilde bu der. Og dei skal alle setja til, i
Egyptarlandet skal dei falla; for sverd, av svolt skal dei
setja til, både små og store; for sverd og av svolt skal
dei døy. Og dei skal verta til ein eid, til ei skræma og til
ei våbøn og til ei hæding. 13 Og eg vil heimsøkja deim
som bur i Egyptarlandet, likeins som eg heimsøkte
Jerusalem, med sverd, med svolt og med sott. 14
Og av Juda-leivningen, av deim som er komne og
vil bu der i Egyptarlandet, skal ingen sleppa undan
og verta att so han kann snu heim att til Judalandet
som dei stundar å koma attende til, so dei kann bu
der. For ingen skal koma dit att so nær som nokre
få undanslopne. 15 Då svara dei Jeremia, alle dei
menner som visste at konorne deira brende røykjelse
åt andre gudar, og alle kvinnorne som stod der i ein
stor hop, og alt folket som budde i Egyptarlandet, i
Patros, og sagde: 16 «Me vil ikkje lyda på deg i det
som du hev tala til oss i Herrens namn, 17 men me vil
gjera etter alt det som me hev lova med vår munn;
å brenna røykjelse åt himmeldronningi og renna ut
drykkoffer åt henne, so som me fyrr hev gjort, me og
federne våre og kongarne våre og hovdingarne våre, i
Juda-byarne og på Jerusalems-gatorne. Då hadde me
nøgdi av brød, og det gjekk oss vel, og me såg ingi
ulukka kom yver oss. 18 Men sidan me heldt upp med
å brenna røykjelse åt himmeldronningi og renna ut
drykkoffer åt henne, hev me vanta alt, og av sverd og
svolt er me tynte. 19 Og når me brenner røykjelse åt
himmeldronningi og renner ut drykkoffer åt henne, er
det då mennerne våre uviljande at me hev laga henne
kakor og dyrka henne og rent ut drykkoffer åt henne?»
20 Då sagde Jeremia med all lyden, med mennerne og
med kvinnorne og med all lyden som svara honom,
han sagde: 21 «Den offer-røykjingi som de hev gjort i
Juda-byarne og på Jerusalems-gatorne, de og federne
dykkar og kongarne dykkar og hovdingarne dykkar
og landslyden - skulde Herren ikkje minnast henne
og koma henne i hug? 22 Og Herren kunde ikkje
lenger tola det for den vonde åtferdi dykkar, for alle
dei styggjorne som de hev gjort. Og soleis vart landet
dykkar til ei audn og ei øyda og til ei våbøn, folketomt
so som det er enn i dag. 23 For di de brende røykjelse
og synda mot Herren og ikkje lydde på Herrens røyst
og ikkje ferdast i hans lov, i hans bodord og vitnemål,
difor kom denne ulukka yver dykk, so som det er enn
i dag.» 24 Og Jeremia sagde til alt folket og til alle
kvinnorne: «Høyr Herrens ord, alle de Juda-menner
som er i Egyptarlandet! 25 So segjer Herren, allhers
drott, Israels Gud: De og konorne dykkar tala det med
munnen dykkar og fullførde det med henderne dykkar
med di de sagde: «Me vil halda lovnaderne våre som
me hev gjort: å brenna røykjelse åt himmeldronningi
og renna ut drykkoffer åt henne.» So berre haldt
lovnaderne dykkar, og fullfør lovnaderne dykkar! 26
Difor, høyr Herrens ord, alle de Juda-menner som bur i
Egyptarlandet: Sjå, eg hev svore ved mitt store namn,
segjer Herren: Sanneleg, ikkje ein einaste Juda-mann
skal taka namnet mitt på tunga si i alt Egyptarlandet so
han segjer: «So sant som Herren, Herren liver!» 27 Sjå,
eg vil vaka yver deim til deira ulukka, og ikkje til deira
lukka, og alle Juda-menner som er i Egyptarlandet,
skal verta tynte av sverd og svolt til det er gjort ende
på deim. 28 Men dei som kjem seg undan sverdet,
skal snu heim att frå Egyptarlandet og til Judalandet,
berre ein liten flokk. Og all Juda-leivningen, dei som
er komne til Egyptarlandet og vil bu der, skal få vita
kva ord som stend ved lag, mitt eller deira. 29 Og
dette skal vera teiknet for dykk, segjer Herren, at eg vil
heimsøkja dykk på denne staden, so de skal få vita at

mine ord til dykk um ulukka stend ved lag: 30 So segjer
Herren: Sjå, eg gjev Farao Hofra, egyptarkongen, i
fiendehender og i henderne på deim som ligg honom
etter livet, likeins som eg hev gjeve Sidkia, Juda-
kongen, i henderne på Nebukadressar, Babel-kongen,
som var fienden hans og låg honom etter livet.»

**45** Det ordet som profeten Jeremia tala til Baruk
Neriason då han skreiv desse ordi i ei bok etter
Jeremias munn i det fjorde styringsåret åt Juda-kongen
Jojakim Josiason; han sagde: 2 So segjer Herren,
Israels Gud, um deg, Baruk: 3 Du sagde: «Eie meg!
For Herren hev lagt sorg til min hugverk. Eg er trøytt
av sukkarne mine og finn ingi kvild.» 4 So skal du
segja med honom: So segjer Herren: Sjå, det eg hev
bygt upp, det riv eg ned, og det eg hev planta, det
rykkjer eg upp, og dette gjeld heile jordi. 5 Og du, du
trår etter store ting åt deg: ikkje trå etter deim! For sjå,
eg let ulukka koma yver alt kjøt, segjer Herren. Men eg
vil gjeva deg livet ditt til herfang på kvar den stad du
ferdast.

**46** Herrens ord som kom til profeten Jeremia um
heidningefolki. 2 Um Egyptarland. Um heren til
Farao Neko, Egyptarlands-kongen, som stod burtmed
Fratelvi, attmed Karkemis, og som Nebukadressar,
Babel-kongen, vann på i det fjorde styringsåret åt
Jojakim Josiason, kongen i Juda. 3 Bu til skjoldarne,
dei små og dei store, og far ut i striden! 4 Beit hestarne
fyre og set dykk upp, ridarar, og fylk dykk hjelmbune!
Kvet spjoti blanke, tak brynja på! 5 Kvi ser eg slikt:
hugbrotne hopar dei undan, kjemporne deira vert krasa,
dei flyr og ser ikkje attende; rædsla rundt ikring, segjer
Herren. 6 Den lettføygde kann ikkje fly ifrå, og kjempa
slepp ikkje undan. Der nord, attmed Fratelvi, snåvar dei
og fell. 7 Kven er det som stig upp likeins som Nilelvi
med bårande vatn som i ei å? 8 Egyptarland stig upp
likeins som Nilelvi med bårande vatn som i ei å. Det
segjer: «Eg vil stiga upp og breida meg utyver landi, i
øyde vil eg leggja byar og dei som i deim bur. 9 Kom
uppetter, de hestar, og far rasande fram, de vogner!
Kjemporne skal leggja av stad: Ætiopar og putarar
som ber skjoldar, og ludarar som hev bogar å spenna.
10 For dette er ein dag åt Herren, Herren, allhers drott,
ein hemndag til å hemna seg på uvenerne sine. Då
skal sverdet eta og verta mett og drikka seg drukke av
blodet deira. For ei offerslagting held Herren, Herren,
allhers drott, i Norderlandet attmed Fratelvi. 11 Far
upp til Gilead og få deg balsam, du møy, Egyptarlands
dotter! Til inkjes brukar du lækjeråder i mengd; det bid
ikkje plåster for deg. 12 Folkeslag frettar skammi di, og
jordi er full av naudropi dine. For ei kjempa snåvar i ei
onnor, dei fell båe saman.» 13 Det ordet som Herren
tala til profeten Jeremia um det, at Nebukadressar,
Babel-kongen, skulde koma og slå Egyptarlandet: 14
Kunngjer det i Egyptarland og lat det frettast i Migdol,
og lat det frettast i Nof og Tahpanhes! Seg: «Gakk fram
og bu deg til! For sverdet hev ete alt ikring deg.» 15
Kvi er din sterke støypt ned? Han kunde ikkje standa
seg, for Herren støytt burti honom. 16 Han fekk mange
til å snåva, so den eine dett uppå den andre, og dei
sagde: «Upp og lat oss snu attende til folket vårt, og
til fødelandet vårt, undan det herjande sverdet!» 17
Då ropar dei: «Farao, Egyptarlands-kongen, er berre
ståket; han let den høvelege tidi fara frå seg.» 18 So
sant som eg liver, segjer kongen - Herren, allhers drott,
er namnet hans -: Lik Tabor millom fjelli og lik Karmel
burtmed havet skal han koma. 19 Få deg bunad til
langferd, du busitjande Egyptarlands dotter! For Nof
skal verta ei audn, so ingen kann bu der. 20 Ei ovgild
kviga er Egyptarland - ein klegg kjem nordanfrå, kjem
gjer han. 21 Leigde hermenner, som gjødkalvar hjå
henne, dei og snur og flyr alle i hop, stanar ikkje; for
ulukkedagen er komen yver deim, den tidi dei vert
heimsøkte. 22 Røysti hennar er liksom av skridande
ormen. For med ein her skrid dei fram, og med øksar
kjem dei mot henne likeins som vedhoggarar. 23 Dei
høgg ned hennar skog, segjer Herren; for han er
ikkje til å finna seg fram igjenom; for dei er fleire enn
engsprettor, det er ikkje tal på deim. 24 Egyptarlands
dotter vert til skammar; ho vert gjevi i henderne på
eit norderlendskt folk. 25 Herren, allhers drott, Israels
Gud, segjer: Sjå eg heimsøkjer Amon frå No og Farao
og Egyptarland og gudarne og kongarne der, både
Farao og dei som lit på honom, 26 Og eg gjev deim i
henderne på deim som ligg deim etter livet, i henderne
på Nebukadressar, Babel-kongen, og i henderne på
tenarane hans. Men etter det skal landet vera byggt i
fred liksom i gamle dagar, segjer Herren. 27 Men ottast
ikkje, du min tenar Jakob, og ræddast ikkje, Israel! For
sjå, eg frelser deg ut or burtlengste land, og avkjømet
ut or utlægdi. Og Jakob skal koma tilbake og liva i ro
og fred, og ingen skal skræma honom. 28 Ottast ikkje,
du min tenar Jakob, segjer Herren; for eg er med deg.
For eg vil gjera ende på alle dei folki som eg hev drive
deg til. Men deg vil eg ikkje gjera ende på, men aga
deg med måte, men reint utan refsing kann eg ikkje
lata deg vera.

**47** Herrens ord som kom til profeten Jeremia um
filistarane, fyrr Farao vann Gaza. 2 So segjer
Herren: Sjå, vatn kjem upp-strøymande nordantil og
vert til ei elv som fløder yver. Og dei fløder yver land og
det som i deim er, yver byar og deim som i deim bur,
so folket ropar høgt, og alle som bur i landet barmar
seg. 3 Når det dyn av hovslagi av hans sterke hestar,

når hans vogner skaldrar, når hans hjul skjell, då ser
ikkje federne seg um etter borni, so hugstolne er dei. 4
Det veld den dagen som kjem og tyner alle filistarane
og ryd ut for Tyrus og Sidon alle undankomne som
kunde hjelpa. For Herren tyner filistarane, leivningen
frå Kaftorøyi. 5 Fleinskalla er Gaza vorte, i øyde lagt
er Askalon, det som er att av dalen deira; - kor lenge
vil du rispa deg i holdet? 6 Ai, ei, du Herrens sverd!
Kor lenge skal du hava det so annvint? Drag deg atter
inn i slira di, haldt deg i ro og ver still! 7 Kor kunde du
få kvila deg, sidan Herren hev gjeve deg påbod? Til
Askalon og til Havstrandi, dit hev han etla deg.

**48** Um Moab. So segjer Herren, allhers drott, Israels
Gud: Usæla yver Nebo, for det er øydt, Kirjatajim
er vorti til skammar, er teke, borgi er vorti til skammar
og er livskræmd. 2 Med Moabs frægd er det ute. I
Hesbon bryggjar dei på meinråder imot det: «Kom, lat
oss rydja det ut, so det ikkje lenger er eit folk!» Du og,
Madmen, skal tagna, sverdet elter deg. 3 Naudrop
høyrest frå Horonajim, herjing og stort tjon. 4 Moab er
i øyde lagt; dei let naudropi høyrast alt til Soar. 5 For
gråtande gjeng dei upp stigen til Luhit, på vegen ned til
Horonajim høyrer dei naudropi yver tjonet. 6 Fly, berga
livet dykkar, og vert som hjelpelause i øydemarki! 7
For av di du leit på dine verk og dine skattar, skal
du og verta teken. Og Kamos lyt fara i utlægd, hans
prestar og hans hovdingar i lag med kvarandre. 8 Og
ein tynar skal koma yver kvar ein by, og ingen skal
sleppa undan. Dalen skal forgangast og slettlendet
øydeleggjast, so som Herren hev sagt. 9 Gjev Moab
vengjer! for fljugande lyt han fara burt, og hans byar
skal verta ei audn, so ingen bur i deim. 10 Forbanna
vere den som er seinfør til å gjera Herrens verk, og
forbanna vere den som held sverdet sitt att ifrå blod!
11 Moab hev livt i fred frå sin ungdom; han hev lege
still på bermen sin og er ikkje tømd or eit kjer i anna,
og aldri hev han fare i utlægd; difor sit dåmen hans i
honom endå, og angen av honom hev ikkje brigdast.
12 Difor, sjå, dei dagar skal koma, segjer Herren, då eg
sender honom vintapparar, og dei skal halla på kjeri
hans og tøma deim og krasa krukkorne hans. 13 Då
skal Moab skjemmast av Kamos, likeins som Israels
hus skjemdest av Betel, som dei leit på. 14 Kor kann
de segja: «Me er kjempor og velduge hermenner?» 15
Moab er øydelagd, og dei stig upp i byarne hans, og
hans druste drengjer stig ned til å verta slagta, segjer
kongen - Herren, allhers drott, er namnet hans. 16
Tjonet på Moab er kome nær, og ulukka hans hev
bråhast. 17 Hav medynk med honom, alle de som bur
kringum honom, og alle de som kjenner namnet hans!
Seg: «Korleis brotna teinen den sterke, staven den
prydelege?» 18 Stig ned or ditt æresæte og set deg på
turre jordi, du busitjande Dibons dotter! For Moabs
tynar stig upp imot deg, han legg borgerne dine i øyde.
19 Gakk ut på vegen og skygn utyver, du som bur i
Aroer! Spør honom som flyr, og henne som kjem seg
undan, seg: «Kva er hendt?» 20 Moab var til skammar,
for han er krasa; barma dykk og ropa! Kunngjer hjå
Arnon at Moab er øydelagd! 21 Ja, domen er komen
yver slettelandet, yver Holon og yver Jahsa og yver
Mofa'at 22 og yver Dibon og yver Nebo og yver Bet-
Diblatajim 23 og yver Kirjatajim og yver Bet-Gamul og
yver Bet-Meon 24 og yver Kerijot og yver Bosra og yver
alle byarne i Moablandet, fjerr og nær. 25 Avhogge er
Moabs horn, og armen hans er broten, segjer Herren.
26 Gjer honom drukken, for han hev ovmoda seg mot
Herren. Ja, Moab skal baska seg i spya si og verta
til åtløgje, han og. 27 Eller hadde du ikkje Israel til
åtløgje? Eller var han gripen millom tjuvar, sidan du
rister på hovudet kvar gong du talar um honom? 28
Gakk burt ifrå byarne og set bu på bergknausar, de
Moabs ibuarar, og ver like duva som lagar seg reir
burtum gil- gapet! 29 Me hev høyrt um Moabs ovmod -
storleg ovmoda han seg - um hans storlæte og ovmod
og byrgskap og hjartans ovlæte. 30 Eg kjenner, segjer
Herren, hans ageløysa, det fåfengelege kytet hans,
fåfengd hev han fare med. 31 Difor lyt eg barma meg
yver Moab, yver heile Moab lyt eg ropa, yver mennerne
i Kir-Heres lyt ein sukka. 32 Meir enn Jazer græt,
lyt eg gråta yver deg, du vintre frå Sibma: kvisterne
dine gjekk yver havet, dei nådde alt til Jazerhavet;
midt i fruktonni di og vinonni di hev ein tynar søkt på
deg. 33 Gleda og fagnad er kvorve or aldehagen og or
Moablandet, og vinen let eg trjota i vinpersorne. Dei
trøder vinpersa med fagnadrop; fagnadropi som ikkje
er slike fagnadrop. 34 Frå det jamrande Hesbon alt
til El'ale, alt til Jahas let dei røysti si ljoma, frå Soar
til Horonajim, til Eglat-Selisa; for jamvel Nimrim-vatni
vert til øydemarker. 35 Og eg vil rydja ut or Moab,
segjer Herren, kvar og ein som stig upp på ein haug
og brenner røykjelse åt gudarne sine. 36 Difor læt
hjarta mitt som ei fløyta yver Moab, yver mennerne i
Kir-Heres læt hjarta mitt som ei fløyta; difor misser dei
det dei hev mugga i hop. 37 For kvart eit hovud er
fleinskalla, og alt skjegg er avraka, på alle hender er
det rispa i holdet, og um lenderne sekk. 38 Uppå alle
taki i Moab og på torgi høyrest berre usælerop; for eg
hev krasa Moab som eit kjerald ingen hev hugnad i,
segjer Herren. 39 Å, kor forfærd han er! kor dei eiar
seg! Å, kor Moab snur ryggen til skjemsla! Ja, Moab
skal verta til eit åtløgje og ei skræma for alle som
bur der kringum. 40 For so segjer Herren: Sjå, det
kjem ein fljugande som ein ørn og breider vengjerne
sine ut yver Moab. 41 Byarne vert tekne, borgerne

vunne, og hjarta til kjemporne i Moab vert den dagen
som hjarta til kvinna i barnsnaud. 42 Og Moab skal
verta øydelagd so han ikkje lenger er eit folk, for mot
Herren hev han ovmoda seg. 43 Gruv og grav og
gildra åt deg som bur i Moab, segjer Herren. 44 Den
som flyr undan gruvi, fell i gravi, og den som kjem seg
upp or gravi, vert fanga i gildra. For eg let koma yver
honom, yver Moab, eit år med heimsøkjing yver deim,
segjer Herren. 45 I Hesbons skugge stend magtstolne
røningar; for eld fer ut or Hesbon og ein loge midt ut
or Sihon, og han øydde Moabs tunnvange og kruna til
stridsgny-sønerne. 46 Usæl du Moab! Det er ute med
folket åt Kamos; for sønerne dine vert tekne til fangar
og døtterne dine til herfang. 47 Men eg gjera ende på
Moabs utlægd når tider er lidne, segjer Herren. So
langt domen yver Moab.

**49** Um Ammons-sønerne. So segjer Herren: Eig
Israel ingi søner, eller hev han ingen erving?
Kvi hev Malkam ervt Gad og hans folk sett seg ned i
byarne hans? 2 Difor, sjå, dei dagar skal koma, segjer
Herren, då eg let herrop høyrast til Rabba hjå Ammons-
sønerne, og det skal verta til aude steinrøysar, og
døtterne skal verta brende upp med eld, og då skal
Israel erva sine ervingar, segjer Herren. 3 Øya deg,
Hesbon! For Aj er i øyde lagt; ropa, de Rabba-døtter!
Sveip dykk i sekk, barma dykk, og renn att og fram
millom kvierne! for Malkam lyt fara i utlægd, prestarne
hans og hovdingarne i lag med kvarandre. 4 Kvi gildar
du deg av dalarne, av din grøderike dal, du fråfalne
dotter, som lit på skattarne dine og segjer: «Kven kann
nå meg?» 5 Sjå, eg let fælske nå deg, segjer Herren,
Herren, allhers drott, frå alle stader rundt ikring deg.
Og de skal verta drivne burt, kvar til sin kant, og ingen
skal samla i hop deim som flyr. 6 Men sidan vil eg gjera
ende på utlægdi åt Ammons-sønerne, segjer Herren.
7 Um Edom. So segjer Herren, allhers drott: Bid det
ikkje visdom lenger i Teman? Tryt det på råder for
dei vituge? Er visdomen deira spillt? 8 Fly, snu dykk,
gøym dykk djupt nede, de som bur i Dedan! For Esaus
ulukka let eg koma yver honom den tid eg heimsøkjer
honom. 9 Um druvehentarar kjem yver deg, so leiver
dei ikkje noko til attpåhenting. Um tjuvar kjem med
natti, vil dei tyna til dei hev fengje sitt nøgje. 10 For eg
vil sjølv draga hamen av Esau, eg legg gøymslorne
hans i berrsyni, so han ikkje kann løyna seg. Avkjømet
hans og brørne hans og grannarne hans vert tynte,
og det er ute med honom. 11 Bry deg ikkje um dine
faderlause! eg vil halda liv i deim, og enkjorne dine
kann lita på meg. 12 For so segjer Herren: Sjå, dei
som med rette ikkje skulde ha drukke or staupet, dei
lyt drikka, og so skulde du sleppa urefst! Du skal ikkje
sleppa urefst, men drikka skal du. 13 For eg hev svore
ved meg sjølv, segjer Herren, at Bosra skal verta til ei
fælska, til ei hæding, til ei audn og til ei våbøn, og alle
byarne som høyrer til, skal æveleg liggja i røysar. 14 Ei
tidend hev eg høyrt frå Herren, og ein bodberar er send
millom folkeslagi: «Sanka dykk og far imot honom, bu
dykk til bardage!» 15 For sjå, eg gjer deg liten millom
folki, svivyrd millom menner. 16 Rædsla kome yver
deg! Ditt hjartans ovmod hev dåra deg, du som bur i
bergklypor, som klengjer deg fast til fjelltinden. Um
du bygde reiret ditt so høgt som ørnen, so skulde eg
støypa deg ned derifrå, segjer Herren. 17 Og Edom
skal verta til ei skræma; alle som fer der framum,
skal ræddast og spotta yver alle plågorne hans. 18
Liksom då Sodoma og Gomorra med grannebyar vart
lagde i øyde, segjer Herren, so skal ingen mann bu
der, og ikkje noko mannsbarn halda til der. 19 Sjå, det
kjem ein upp stigande, som løva ut or tjukkskogen
attmed Jordan, og inn på den sigrøne eng; for i ein
augneblink vil eg jaga det burt derifrå, og den som
er utvald, vil eg setja yver det. For kven er min like,
og kven vil stemna meg? Og kven er den hyrdingen
som stend seg for meg? 20 Difor, høyr den rådgjerdi
Herren hev teke um Edom, og dei tankarne han hev
tenkt um Teman-buarne: Sanneleg, dei skal dragsa
deim burt, dei små lambi, sanneleg, hagelendet deira
skal taka fæla av deim. 21 Av dynen av deira fall
bivrar jordi, naudropet - omen av det høyrer ein radt
til Raudehavet. 22 Sjå, ein lik ein ørn stig upp og
flyg fram og breider ut vengjerne sine yver Bosra. Og
hjarta til Edom-kjemporne vert den dagen som hjarta
til kvinna i barnsnaud. 23 Um Damaskus. Hamat og
Arpad er skjemde, for dei hev spurt ei låk tidend, dei er
reint vitskræmde; i havet er uro, det kann ikkje vera
stilt. 24 Damaskus er hugfalle, det snur seg og flyr,
otte hev gripe det; angest og rider hev gripe det liksom
kvinna med fødeflagor. 25 Kvi fekk han ikkje vera, byen
den namnfræge, fagnad-byen min? 26 Difor skal hans
sveinar falla på gatorne hans og alle hermennerne
verta tynte den dagen, segjer Herren, allhers drott.
27 Og eg vil kveikja eld i Damaskus-murarne, og han
skal øyda Benhadad-slotti. 28 Um Kedar og Hasor-riki,
som Nebukadressar, Babel-kongen, vann. So segjer
Herren: Statt upp, far mot Kedar og tyn Austheims-
sønerne! 29 Tjeldi deira og sauerne deira skal dei taka,
tjelddukarne deira og all bunaden deira og kamelarne
deira skal dei føra burt med seg, og dei skal ropa til
dei: «Rædsla rundt ikring!» 30 «Fly, røm undan mest
de vinn, gøym dykk djupt nede, de Hasor-buar, segjer
Herren; for Nebukadressar, Babel-kongen, hev teke ei
rådgjerd mot dykk og tenkt ut løynråd imot dykk. 31
Statt upp, far upp imot eit fredleg folk som bur trygt,
segjer Herren; portar og bommar vantar dei, for seg

sjølve bur dei. 32 Og kamelarne deira skal verta til
ran, og dei store bølingarne deira til herfang; og eg vil
spreida deim for alle vindar, mennerne med rundklypt
hår; og frå alle leider let eg ulukka koma yver deim,
segjer Herren. 33 Og Hasor skal verta til sjakal-bøle, ei
audn um alder og æva; ingen mann skal bu der, og
inkje mannsbarn skal halda til der.» 34 Herrens ord
som kom til profeten Jeremia um Elam i den fyrste tidi
Sidkia, Juda-kongen, styrde; han sagde: 35 So segjer
Herren, allhers drott: Sjå, eg bryt sund for Elam hans
boge, den likaste magti deira. 36 Og eg sender mot
Elam fire vindar frå dei fire himmelætterne og spreider
deim for alle desse vindarne. Og det skal ikkje finnast
det folket som ikkje burtdrivne frå Elam skal koma til.
37 Og eg vil gjera Elam forfærd for uvenerne sine og
for deim som ligg deim etter livet, og eg vil lata ulukka
koma yver deim, min brennande harm, segjer Herren,
og eg vil senda sverd etter deim, til eg fær gjort ende
på deim. 38 Og eg vil setja kongsstolen min i Elam,
og eg vil tyna der både konge og hovdingar, segjer
Herren. 39 Men når tider er lidne, vil eg gjera ende på
Elams utlægd, segjer Herren.

**50** Det ordet som Herren tala um Babel, um
Kaldæarlandet, ved profeten Jeremia. 2 Kunngjer
det millom folki, og lat det frettast og set upp hermerke!
Lat det frettast, dyl det ikkje! Seg: Babel er teki, Bel
hev vorte til skammar, Merodak er livskræmd, hennar
gudebilæte er vortne til skammar, hennar ufysne
avgudar er livskræmde. 3 For eit folk kjem imot det
nordantil, det gjer hennar land til ei øydemark, so
ingen bur i det: både folk og fe er flydde, er burte. 4 I
dei dagarne og i den tidi, segjer Herren, skal Israels-
borni koma, dei og Juda-borni i lag med einannan;
gråtande skal dei ganga og søkja Herren, sin Gud.
5 Etter Sion skal dei spyrja, den vegen stemner dei:
«Kom, lat oss halda oss til Herren med ei ævepakt
som ikkje skal gløymast!» 6 Burtkomne sauer var mitt
folk. Hyrdingarne deira hadde ført deim på villstig,
snutt deim upp i fjelli; frå hamar til haug gjekk dei,
gløymde legebolet sitt. 7 Alle som fann deim, åt på
deim, og uvenerne deira sagde: «Me fær ikkje skuld
på oss for det, » - for di dei hadde synda mot Herren,
bustaden åt rettferdi, og voni åt federne deira, Herren.
8 Fly ut or Babel, far burt or Kaldæarlandet, og ver som
bukkar framfyre hjordi! 9 For sjå, eg vekkjer upp frå
Norderlandet ein skare av store folk og let deim fara
mot Babel, og dei skal fylkja seg imot henne; derifrå
vert ho teki. Pilerne deira er som frå ei viss-høv kjempa,
dei vender ikkje attende med ugjort. 10 Og Kaldæa
skal verta til herfang; alle som ranar henne, skal få sitt
nøgje, segjer Herren. 11 Gled dykk berre, fagna dykk
berre, de som ranar odelen min! Berre hoppa i veret
som kviga når ho treskjer, og kneggja som velduge
hestar. 12 Mor dykkar vert ovleg til skammar, ho som
fødde dykk, skal blygjast; sjå, den siste millom folki
vert ho, ei øydemark, eit turt land og ei vill heid. 13
Ubygd skal ho verta, ei audn all med seg, av di Herren
er vreid; alle som fer framum Babel, skal ræddast og
spotta yver alle hennar plågor. 14 Fylk dykk mot Babel,
rundt ikring, alle de bogeskyttarar! Skjot på henne,
spar ikkje på pilerne! For mot Herren hev ho synda. 15
Set i herrop mot henne, rundt ikring: «Ho laut gjeva
seg; falne er hennar pilarar, nedrivne hennar murar.»
For det er Herrens hemn. Hemn dykk på henne! Gjer
med henne likeins som ho hev gjort! 16 Ryd ut or Babel
både såmannen og den som brukar sigden i skurdonni!
For det herjande sverdet skal kvar og ein snu attende
til sitt folk, og kvar og ein fly til sitt land. 17 Israel er ein
buvill sau; løva hev jaga honom av; Assur-kongen åt
fyrst på honom, og no sist hev Nebukadnessar, Babel-
kongen, togge hans bein. 18 Difor, so segjer Herren,
allhers drott, Israels Gud: Sjå, eg heimsøkjer Babel-
kongen og landet hans, likeins som eg heimsøkte
Assur-kongen. 19 Og eg vil snu Israel attende til hans
beitemark, og han skal ganga og beita på Karmel og i
Basan; og på Efraimsfjelli og i Gilead skal han få eta
sitt nøgje. 20 I dei dagarne og i den tidi, segjer Herren,
vert det leita etter Israels misgjerning, men ho skal
ikkje lenger vera til, og etter Judas synder, men dei
skal ikkje finnast; for deim som eg let vera att, gjev
eg til. 21 Mot Meratajim-landet - far upp mot det og
mot deim som bur i Pekod! Øyd deim og bannstøyt
deim, når du set etter deim, segjer Herren, og gjer i
heilt upp som eg hev bode deg! 22 Det er stridsgny i
landet og stort tjon. 23 Kor er hamaren som slo all
jordi sundbroten og sundknasa! Kor er Babel vorti ei
skræma millom folki! 24 Eg sette snara for deg, og du
gjekk deg fast, Babel, og visste ikkje av det. Du vart
funni, og gripi med; for du hadde gjeve deg i strid med
Herren. 25 Herren hev late upp våpnhuset sitt og teke
ut sine vreidevåpn; for Herren, Herren, allhers drott,
hev eit arbeid å gjera i Kaldæarlandet. 26 Kom imot
det frå alle leider! Lat upp forrådshusi, kasta det i ein
dunge likeins som kornband, og bannstøyt det! Lat
ikkje noko verta leivt! 27 Tyn alle uksarne, før deim
ned til slagting! Usæla yver deim! for dagen deira er
komen, den tid dei skal verta heimsøkte. 28 Høyr omen
av deim som flyr og kjem seg undan frå Babellandet til
å forkynna i Sion at Herren, vår Gud hemner, hemner
for templet sitt! 29 Bjod skyttarar ut mot Babel, alle
deim som boge kann spenna! Slå læger rundt ikring
henne, lat ingen koma seg undan! Lat henne få lika
for sine gjerningar, gjer med henne heiltupp som ho

sjølv hev gjort! For ho hev ovmoda seg mot Herren,
mot Israels Heilage. **30** Difor skal hennar drengjer
falla på hennar gator og alle hennar hermenner verta
tynte den dagen, segjer Herren. **31** Sjå, eg kjem yver
deg, Ovmod, segjer Herren, Herren, allhers drott; for
dagen din er komen, tidi då eg vil heimsøkja deg. **32**
Og Ovmodet skal snåva og falla, og ingen skal reisa
det upp att. Og eg vil kveikja eld på byarne, og han
skal øyda alt kringum det. **33** So segjer Herren, allhers
drott: Trælka er Israels-sønerne og Juda-sønerne i lag
med kvarandre; og alle som hertok deim, held deim
faste, vil ikkje sleppa deim lause. **34** Utløysaren deira
er sterk, Herren, allhers drott, er namnet hans. Han
skal føra saki deira med fynd so han roar jordi, men
uroar Babel-buarne. **35** Sverd yver Kaldæa, segjer
Herren, yver Babel-buarne og yver hennar hovdingar
og vismenner! **36** Sverd yver pjåtre-kallarne, so dei
stend der som dårar! Sverd yver hennar kjempor, so
dei vert hugbrotne! **37** Sverd yver hennar hestar og
vogner og yver alt blandingsfolket hjå henne, so dei
vert kvende! Sverd yver hennar skattar so dei vert
rana! **38** Turk yver hennar vatn so dei turkast upp!
For det er eit land med avgudsbilæte, og dei ber seg
som galne med dei skræmelege gudarne sine. **39**
Difor skal røysekatter med sjakaler halda til der, og
strutsar skal hava sitt tilhelde der. Og der skal aldri
meir verta bygt, men audt frå ætt til ætt. **40** Likeins
som då Gud lagde i øyde Sodoma og Gomorra med
grannebyar, segjer Herren, so skal ingen mann bu
der, og ikkje noko mannsbarn halda til der. **41** Sjå, eit
folk kjem nordanfrå, eit stort folk og velduge kongar
ris upp frå utkantarne på jordi. **42** Boge og spjot ber
dei, meinharde er dei og miskunnlause; dunen av
deim er som havmarm, og på hestar rid dei, budde
som ein mann til bardage mot deg, Babels dotter. **43**
Babel-kongen hev fenge fretnad av deim, og hans
hender er magtstolne; angest hev gripe honom, rider
liksom kvinna med fødeflagor. **44** Sjå det kjem ein upp
stigande, som løva ut or tjukkskogen attmed Jordan,
og inn på den sigrøne eng; for i ein augneblink vil eg
jaga deim burt derifrå, og den som er utvald, vil eg
setja yver henne. For kven er min like, og kven vil
stemna meg? Og kven er den hyrdingen som stend
seg for meg? **45** Difor, høyr den rådgjerdi Herren hev
teke um Babel, og dei tankarne han hev tenkt um
Kaldæarlandet: Sanneleg, dei skal dragsa deim burt,
dei små lambi, sanneleg, beitemarki deira skal taka
fæla av deim. **46** Av ropet: «Babel er teki!» bivrar jordi,
og millom folki skrik dei ende yver seg.

**51** So segjer Herren: Sjå, eg vekkjer eit skadever
imot Babel og imot ibuarane i Leb-Kamai. **2** Og
eg sender framande mot Babel, og dei skal dryfta
henne og dei skal tøma landet hennar. For dei skal
setja på henne frå alle leider på ulukkedagen. **3**
Lat bogeskyttaren spenna boge mot den som boge
spenner og mot den som briskar seg i brynja, og spar
ikkje hennar drengjer, bannstøyt all hennar her! **4**
Då skal daudslegne menner falla i Kaldæarlandet og
stungne menner på gatorne. **5** For Israel og Juda er
ikkje enkjor, gløymde av sin Gud, av Herren, allhers
drott, endå landet deira var fullt av skuld mot Israels
Heilage. **6** Fly ut or Babel, og kvar og ein berge sitt liv
so de ikkje tynest ved hennar misgjerning! For dette er
ei hemne-tid for Herren; han vil gjeva henne lika for det
ho hev gjort. **7** Eit gullstaup i Herrens hand var Babel,
som gjorde all jordi drukki; av vinen hennar drakk folki,
difor vart folki reint rasande. **8** Dåtteleg datt Babel og
vart krasa. Barma dykk yver henne! Henta balsam for
hennar plåga! Kann henda det kunde verta lækt. **9**
«Me etla å lækja Babel, men ho var ulækjande. Lat oss
skilja lag med henne, so me kann fara kvar til sitt land!
For domen yver henne rekk upp til himmelen og når
radt upp i skyerne. **10** Herren hev late vår rettvise sak
koma upp i ljoset; kom, lat oss fortelja i Sion Herrens,
vår Guds verk!» **11** Kvet pilerne blanke, grip skjoldarne!
Herren hev vekt upp åndi til kongen i Media; for mot
Babel hev han vendt sine tankar til å øydeleggja henne;
for det er Herrens hemn, hemnen for templet hans. **12**
Reis hermerke mot Babel-murarne, haldt sterk vakt,
set ut vaktmenner, skipa til umsåtmenner! For Herren
hev både tenkt ut og sett i verk det han hev tala mot
Babel-buarne. **13** Du som bur attmed mykje vatn, rik
på skattar, komen er din ende, di låke vinning hev nått
sitt mål. **14** Herren, allhers drott, hev svore ved seg
sjølv: Endå eg hadde fyllt deg med menneskje som
engsprettor i mengd, skal det like vel lyftast sigerrop
yver deg. **15** Han hev gjort jordi med si kraft, skapt
heimen med sin visdom, spana ut himlarne med sitt
vit. **16** Når han let røysti si ljoma, svarar dyn av vatn i
himmelen, og han let skodda stiga upp frå utkantarne
på jordi, let eldingar laga regn og sender vind ut or
gøymslorne sine. **17** Kvar ein mann stend klumsa og
hev ikkje vit på det, kvar ein gullsmed lyt skjemmast av
bilæti sine; for dei støypte bilæti hans er berre lygn, og
det er ingi ånd i deim. **18** Dei er berre fåfengd, eit verk
til å hæda; den tid dei vert heimsøkte, er det ute med
deim. **19** Jakobs arvlut er ikkje deim lik, for det er han
som hev skapt alt og fenge seg si odelsrætt. Herren,
allhers drott, er namnet hans. **20** Du var hamaren min,
stridsvåpnet, so eg med deg krasa folkeslag og med
deg øyda kongerike. **21** Og med deg krasa eg hest og
ridar, og med deg krasa eg vogn og køyrar. **22** Og med
deg krasa eg mann og kvinna, og med deg krasa eg
gamall og ung, og med deg krasa eg svein og møy.

**23** Og med deg krasa eg hyrding og hjordi hans, og
med deg krasa eg pløgjar og pløgje-uksarne hans, og
med deg krasa eg jarlar og landshovdingar. **24** Men no
gjev eg Babel og alle som bur i Kaldæa lika for alt
vondt som dei hev gjort Sion, framfor augo dykkar,
segjer Herren. **25** Sjå, eg kjem yver deg, du Tynefjell,
segjer Herren, du som tyner all jordi; og eg vil retta
ut handi ut imot deg og velta deg ned frå hamrarne
og gjera deg til eit forbrent fjell. **26** Av deg kann ein
då korkje taka hyrnestein eller grunnstein, men til
ævelege audner skal du verta, segjer Herren. **27** Reis
hermerke i landet, blås i lur millom folki, vig folkeslag til
strid imot henne, kalla imot det kongeriki Ararat, Minni
og Askenaz, set inn herhovdingar imot henne, før
fram hestar som bustute engsprettor! **28** Vig folkeslag
til strid imot henne, kongarne or Media, jarlarne og
landshovdingarne der, og alt det land dei råder yver! **29**
Då dirrar jordi og bivrar, for no vert Herrens tankar mot
Babel sette i verk: å gjera Babellandet til ei øydemark,
so ingen bur der. **30** Kjemporne i Babel hev halde
upp med striden, dei sit i ro i borgerne. Deira kraft
er kvorvi, kvende er dei vortne. Det er kveikt eld på
hennar bustader, hennar bommar er brotne sunder. **31**
Lauparsvein løyp mot lauparsvein og sendebod mot
sendebod, med bod til Babel-kongen at byen hans
er teken frå ende til annan, **32** at vadi er hersette,
vatsdemmorne turrbrende med eld og hermennerne
forfærde. **33** For so segjer Herren, allhers drott, Israels
Gud: Babels dotter likjest ein treskjevoll når han vert
tiltrakka; endå ei liti rid, og skurdonni vil koma for
henne. **34** «Nebukadressar, Babel-kongen, hev ete
oss, hev øydt oss, hev sett oss burt som eit tomt
kjerald, hev gløypt oss som ein hav-drake, hev fyllt
buken sin med forkunnmaten min, burt hev han drive
oss. **35** Valdsverki mot meg, ja, mot mitt kjøt, koma
yver Babel!» segje Sion-buarne, «og mitt blod yver
Kaldæa-folket! segje Jerusalem. **36** Difor, so segjer
Herren: Sjå, eg fører saki og hemnar meg for deg, og
eg let hennar hav turkast upp og hennar kjelda torna.
**37** Og Babel skal verta til steinrøysar, eit sjakal-bøle,
ei skræma og ei hæding; ingen skal bu der. **38** Alle
burar dei som ungløvor, gnaldrar som løve-kvelpar.
**39** Når dei då er upp-øste, vil eg gjera eit drykkjelag
åt deim og gjera deim drukne, so dei fagnar seg og
sovnar i ein æveleg svevn og ikkje vaknar, segjer
Herren. **40** Eg vil føra deim ned til slagting som lamb,
som verar og bukkar. **41** Kor er Sesak vorte teke,
og «fagnaden for all jordi» herteken! Kor er Babel
hev vorte til ei skræma millom folki! **42** Havet gjekk
yver Babel, ho vart løynt av dei marmande båror. **43**
Byarne hennar er vorte til ei audn, eit turt land og ei
øydemark, eit land som ingen mann bur i, og som
inkje mannsbarn fer framum. **44** Og eg heimsøkjer Bel
i Babel, og tek det han hev gløypt i seg ut or munnen
hans, og folkeslag skal ikkje lenger strøyma til honom.
Babel-murarne skal rynja, dei og. **45** Far ut derifrå,
mitt folk, so dei kann berga kvar sitt liv for Herrens
brennande vreide! **46** Og ver ikkje hugfalne og rædde
for dei tiender som spørst i landet! For det vil koma ei
tiend eitt året og ei onnor eit anna år, og urett vil råda
på jordi, drott vil risa mot drott. **47** Difor, sjå, dei dagar
skal koma då eg heimsøkjer gudebilæti hjå Babel, og
alt landet hennar skal verta til skammar; og alle skal
falla daudslegne hjå henne. **48** Då skal himmel og
jord fagna seg yver Babel, for nordanfrå skal tynaren
koma yver henne, segjer Herren. **49** Babel skal og
falla, dei slegne menner av Israel, liksom det og for
Babel hev falle slegne menner på heile jordi. **50** De
som slapp undan frå sverdet, far av stad, stana ikkje!
Minnest Herren frå burtlengste land, og kom Jerusalem
i hug. **51** Me vart til skammar, for me laut høyra på
svivyrding; skammi breidde seg yver våre andlit, for
framande hadde kome seg inn yver heilagdomarne i
Herrens hus. **52** Difor, sjå, dei dagar skal koma, segjer
Herren, då eg vil heimsøkja gudebilæti hennar, og i
alt hennar land skal slegne menner stynja. **53** Um so
Babel vil hevja seg til himmelen, og um ho gjer si høge
festning u-klivande, so skal frå meg tynarar koma yver
henne, segjer Herren. **54** Naudrop er høyrande frå
Babel og stort tjon frå Kaldæarlandet. **55** For Herren
tyner Babel og stoggar det store ståket hjå henne. Og
bårorne deira skal dynja som store vatn, si dunande
røyst skal dei lata ljoma. **56** For ein tynar kjem yver
henne, yver Babel, og kjemporne hennar vert fanga,
bogarne deira sundbrotne. For Herren er ein Gud som
gjev attergjeld, han gjev full løn. **57** Og eg gjer deim
drukne, hennar hovdingar og vismenner, hennar jarlar
og landshovdingar og kjempor, og dei skal sovna av
i ein æveleg svevn og ikkje vakna, segjer kongen -
Herren, allhers drott, er namnet hans. **58** So segjer
Herren, allhers drott: Babel-muren, den breide, skal
verta nedriven til grunnen, og portarne, dei høge,
brende med eld, so folk skal ha mødt seg for inkje
og folkeslag for elden, og stræva seg trøytte. **59** Den
fyresegni som profeten Jeremia gav Seraja, son åt
Neria Mahsejason, då han for til Babel med Sidkia,
Juda-kongen, i det fjorde året han var konge. Men
Seraja var kvartermeister. **60** Og Jeremia skreiv i ei
bok, all den ulukka som skulde koma yver Babel - alle
desse ordi som er skrivne um Babel. **61** Og Jeremia
sagde med Seraja: «Når du kjem til Babel, då sjå til at
du les alle desse ordi!» **62** Og du skal segja: «Herre,
du hev sjølv tala um denne staden at du vil rydja
honom ut, so ingen skal bu der meir, korkje folk eller

fe, for til ævelege audner skal han verta.» 63 Og når
du hev lese upp denne boki til endes, skal du binda
ein stein til henne og kasta henne midt ut i Frat 64 og
segja: «Soleis skal Babel søkka og ikkje koma upp att,
» for den ulukka som eg let koma yver byen, og trøytte
skal dei verta.» Hit når Jeremia-ordi.

**52** Eitt og tjuge år gamall var Sidkia då vart konge,
og elleve år rådde han i Jerusalem. Mor hans
heitte Hamital Jeremiadotter, frå Libna. 2 Han gjorde
det som vondt var i Herrens augo, plent som Jojakim.
3 Det var for Herrens harm skuld det gjekk so med
Jerusalem og Juda, til dess han støytte deim burt frå
si åsyn. Sidkia fall ifrå Babel-kongen. 4 I det niande
styringsåret hans, den tiande dagen i den tiande
månaden, kom Nebukadressar, Babel-kongen, med
heile heren sin til Jerusalem, lægra seg utanfor byen
og bygde skansar rundt ikring honom. 5 Byen vart
kringsett til kong Sidkias ellevte styringsår. 6 I den
fjorde månaden, den niande dagen i månaden, røynde
svolten hardt på i byen, og landsfolket hadde inkje mat.
7 Då vart bymuren gjenombroten, og alt stridsfolket
rømde og for ut or byen um natti gjenom porten i
dubbelmuren ved kongshagen, medan kaldæarane
låg rundt ikring byen. Dei tok leidi til Moarne. 8 Men
kaldæarheren sette etter kongen og nådde Sidkia
att på Moarne ved Jeriko. Alt herfolket sprang frå
honom og spreiddest. 9 Dei fanga då kongen og førde
honom upp til Babel-kongen, til Ribla i Hamatlandet,
og han sagde upp domen yver honom. 10 Og Babel-
kongen drap sønerne åt Sidkia medan han såg på
det; sameleis drap han alle hovdingarne i Juda der i
Ribla. 11 So stakk han ut augo på Sidkia, batt honom
med tvo koparlekkjor og førde honom til Babel og
sette honom i fangehus, der var han til sin døyande
dag. 12 Og i den femte månaden, den tiande dagen i
månaden, i det nittande styringsåret åt Babel-kongen
Nebukadressar, kom livvakthovdingen Nebuzaradan,
som stod for Babel-kongens åsyn, til Jerusalem. 13 Han
brende upp Herrens hus og kongsgarden, ja, alle husi i
Jerusalem og alle storfolk-hus sette han eld på. 14 Og
heile kaldæarheren som var med livvakthovdingen,
reiv ned alle murarne ikring Jerusalem. 15 Og sume
av ålmugen og resten av folket som var att i byen,
og rømingarne som hadde gjenge yver til Babel-
kongen, og den flokken som var att dessforutan,
førde livvakthovdingen Nebuzaradan burt. 16 Nokre
av fatigfolket let livvakthovdingen Nebuzaradan vera
att til å arbeida i vinhagarne og på åkrarne. 17
Koparsulorne som høyrde til Herrens hus, og fotstykki
og koparhavet som var i Herrens hus, braut kaldæarane
sund, og førde all koparen av deim til Babel. 18 Og
dei tok oskefati og eldskuflerne og ljossakserne og
blodbollarne og skålerne og alle kopargognere som
dei hadde til gudstenesta. 19 Og livvakthovdingen tok
fati og glodpannorne og blodbollarne og oskefati og
ljosestakarne og fati og bollarne, alt som var av gull og
sylv. 20 Tvo sulor og eit hav og dei tolv koparuksarne
som var under fotstykki, som kong Salomo hadde
laga åt Herrens hus - koparen i alle desse gognerne
var ikkje vegande. 21 Um sulorne er å segja: Den
eine sula var attan alner høg, og ein tråd på tolv
alner gjekk ikring henne, og ho var fire fingrar tjukk og
innhol. 22 Og det var eit sulehovud på henne av kopar,
og det eine sulehovudet var fem alner høgt, og det
var krot og granateple rundt ikring på sulehovudet,
alt av kopar. Og likeins var det på den andre sula
og granateple. 23 Og granatepli var seks og nitti
utetter; alle granatepli på krotverket var eit hundrad
rundt ikring. 24 Livvakthovdingen tok øvstepresten
Seraja og den næst øvste presten Sefanja og dei
tri dørstokkvaktarane, 25 og frå byen tok han ein
hirdmann som var uppsynsmann yver herfolket, og sju
mann som han råka på i byen av næmaste lagsfolket
hjå kongen, dessutan skrivaren til herhovdingen, han
som skreiv ut landsfolket til hertenesta, og seksti mann
av landsfolket som han råka på i byen; 26 deim tok
livvakthovdingen Nebuzaradan og førde deim til Babel-
kongen i Ribla. 27 Og Babel-kongen slo deim i hel der i
Ribla i Hamatlandet. Soleis vart Juda burtført frå landet
sitt. 28 Dette er det folket som Nebukadressar førde
burt: I det sjuande året tri tusund og tri og tjuge jødar;
29 i Nebukadressars attande år åtte hundrad og tvo
og tretti sjæler frå Jerusalem; 30 i Nebukadressars tri
og tjugande år førde Nebuzaradan, livvakthovdingen,
burt av jødarne sju hundrad og fem og fyrti sjæler; fire
tusund og seks hundrad sjæler i alt. 31 I det sju og
trettiande året etter Juda-kongen Jojakin var burtførd,
den fem og tjugande dagen i den tolvte månaden,
gav Evil-Merodak, Babel-kongen - same året som han
vart konge - Jojakin, Juda-kongen, uppreisnad og tok
honom ut or fangehuset. 32 Han helsa honom venleg
og gav honom fremste sessen millom dei kongarne
som var hjå honom i Babel. 33 Han fekk leggja av seg
fangebunaden, og gjekk kvar dag til kongens bord, so
lenge han livde. 34 Kost og tæring naut han dagvisst
på kongens kostnad til kvar dag det han trong for
dagen, alt til sin døyande dag, heile si livetid.

# Klagesangene

**1** Kor sit ho då so einsleg, borgi den folkerike! Ho
er vorti som ei enkja. Ho den velduge millom folki,
fyrstinna millom byarne er trælkvinna vorti. **2** Ho græt
so sårt um natti, og hennar tåror trillar på kinn. Ho hev
ingen trøystar millom alle sine elskarar. Alle hennar
vener hev svike henne, dei er vortne hennar fiendar. **3**
Land laut Juda fly, utor trengsla og stor træling. Ho
bur millom folki, finn ingen kvildarstad. Alle hennar
forfylgjarar nådde henne på trongstigarne. **4** Vegarne
til Sion syrgjer av di ingen kjem til høgtiderne. Alle
hennar portar er aude, hennar prestar sukkar. Hennar
ungmøyar er sorgtyngde, og for henne sjølv er det
beiskt. **5** Hennar uvener er vortne dei fremste, hennar
fiendar er velnøgde. For Herren hev lagt sorgi på
henne for hennar mange misgjerningar skuld. Hennar
småborn for fangar burt framfor fiendens åsyn. **6** So
hev kvorve for Sions dotter all hennar pryda. Hennar
hovdingar vart som hjortar som ikkje finn beite, og
magtstolne gjekk dei der for forfylgjarens åsyn. **7** Og
i sin vesaldoms dagar, med ho flakkar ikring, kjem
Jerusalem i hug sine hugnads-ting, som ho hadde i
forne dagar. Då hennar folk fall i fiendehand, og ingen
hjelpte henne, då såg fiendarne henne; dei log åt
hennar tjon. **8** Storleg hev Jerusalem synda, difor hev
ho vorte eit styggje. Alle dei som æra henne, vanvyrder
henne, for dei såg hennar skam. Ja, ho sjølv sukka
og snudde seg ifrå. **9** Utsulka er hennar klæde av
hennar ureinska; ho tenkte ikkje på endelykti. Hennar
fall var reint som eit under; ingen trøysta henne. Sjå,
Herre, min stakarsdom, for fienden gjer seg stor. **10** Si
hand rette fienden ut etter alle hennar hugnads-ting;
ja, ho såg heidningar koma inn i hennar heilagdom, dei
som var forbodne å koma i di samling. **11** Alt hennar
folk sukkar med dei vil finna seg brød; dei gjev sine
hugnads-ting for mat til å kveikja sjæli. Sjå, Herre,
og skoda etter! for eg hev vorti svivyrd. **12** Tek det
dykk ikkje, alle de som fer vegen framum? Skoda etter
og sjå, um ein lagnad var so tung som min - den
sorgi Herren hev etla meg på sin brennande vreide-
dag. **13** Frå høgdi sende han eld i mine bein og trakka
deim sund. Han breidde ut eit garn for mine føter,
han støytte meg undan, han gjorde meg aud, sjuk all
dagen. **14** Mitt synde-ok batt han saman med si hand;
ihopknytt er det lagt på min hals - tok magti ifrå meg.
Herren hev gjeve meg i henderne på deim eg ikkje
kann standa meg for. **15** Herren agta for inkje alle dei
velduge hjå meg; han hev kalla i hop ei samling mot
meg til å krasa mine gutar. Herren trødde vinpersa for
møyi dotteri Juda. **16** Yver dette græt eg; mitt auga,
mitt auga let tårorne renna; langt burte frå meg er
trøystaren som skulde kveikja mi sjæl. Mine born er
tynte, for fienden vart den sterkaste. **17** Sion retter
ut sine hender; ingen trøystar hev ho. Herren baud
ut imot Jakob hans fiendar rundt ikring; Jerusalem
byd deim imot som eitkvart ureint. **18** Rettferdig er
han, Herren; for eg gjorde meg hard mot hans munns
ord. Høyr no, alle folk, og sjå min tunge lagnad; mine
møyar og gutar for fangar burt. **19** Eg kalla på mine
elskarar; dei sveik meg. Mine prestar og styresmenner
let livet i byen, med dei leita etter mat til å metta seg
med. **20** Sjå, Herre, eg er i trengsla! Det syd inni bringa
og barm, hjarta snur seg i mitt brjost, for eg var so
tråssug. Ute hev sverdet gjort meg barnlaus, inne er
det som dauden. **21** Dei høyrde kor eg sukka, eg; åt
meg var der ingen trøystar. Alle mine fiendar høyrde
um mi ulukka; dei gledde seg yver at du hadde gjort
det. Men du let koma ein dag du hev forkynt; og då
skal dei verta som eg. **22** Lat all deira vondskap koma
for di åsyn, og gjer mot deim som du hev gjort mot
meg for alle mine synder skuld. For mine sukkar er
mange, og hjarta mitt er sjukt.

**2** Kor hev Herren i sin vreide sveipt Sions dotter
i myrkeskodda! Han kasta frå himmelen ned til
jordi Israels herlegdom, og han kom ikkje i hug sin
fotskammel på sin vreide-dag. **2** Utan nåde lagde
Herren i øyde alle Jakobs bustader. I sin vreide reiv
han ned for dotteri Juda hennar sterke borger og kasta
deim til jordi. Han vanhelga riket og hovdingarne. **3** I
sin brennande vreide hogg han av alle Israels horn;
han drog si høgre hand attende, endå fienden var der.
Han brende Jakob lik ein eldsloge som øyder rundt
ikring. **4** Han spente sin boge som ein fiend', med si
høgre hand stod han fram som ein motstandar og drap
alt våre augo hadde hugnad i. I tjeldet åt Sions dotter
auste han ut sin vreide som ein eld. **5** Herren er vorten
som ein fiend', han hev lagt Israel i øyde, lagt alle
hennar slott i øyde, gjort tjon på hennar borgar; so hev
han dunga i hop på dotteri Juda sorg og sut. **6** Og han
hev brote ned som av ein hage sin gard, øydelagt sin
samlingsstad. Herren hev late både høgtid og kviledag
verta avgløymde i Sion, og støytt ifrå seg konge
og prest i sin harmfulle vreide. **7** Herren forsmådde
sitt altar, stygdest ved sin heilagdom. Murarne kring
hennar slott gav han i fiendevald. Dei let si røysti
ljoma i Herrens hus som på ein høgtidsdag. **8** Herren
etla øydeleggja muren for Sions dotter. Han strekte
ut si mælesnor og heldt ikkje handi si att frå herjing.
Og han let voll og mur syrgja; ormegta ligg dei der
i lag. **9** Dei er sokne i jord, hennar portar, han hev
brote og krasa hennar stengslor; hennar kongar og
hovdingar er hjå heidningfolki, det bid ikkje meir nokor
lov. Hennar profetar hev ikkje heller fenge nokor syn frå

Herren. 10 Dei sit på jordi tegjande, styresmennerne åt
Sions dotter; dust hev dei drust uppi kruna, gyrdt seg
med sekk. Dei luter mot jord sine hovud Jerusalems-
møyarne. 11 Mine augo talmast av tåror, det syd inni
bringa og barm, og livri hev runne til jordi - for tjonet på
mitt folks dotter; for born, jamvel sogborn vanmegtast
på gatorne i byen. 12 Dei ropa til møderne sine: «Kvar
er korn og vin?» vanmegtast som gjenomstungne på
gatorne i byen då dei andast ved modersbarm. 13 Kva
skal eg vitna for deg, kva skal eg likna deg attåt, du
Jerusalems dotter? kva likning skal eg finna fram åt
deg til å trøysta deg med, du møy, Sions dotter? For
stor som eit hav er din skade, kven kann lækja deg? 14
Dine profetar såg deg syner med fåfengd og dårskap;
dei hev ikkje synt deg di misgjerning, so dine fangar
kunde koma attende, men dei såg deg syner, fulle med
fåfengd og forføringar. 15 Dei slær henderne i hop yver
deg, alle som gjeng vegen framum. Dei blistrar og
rister på hovudet yver Jerusalems dotter: «Er dette
byen som dei kalla «den storfagre», «ei frygd for all
jordi»?» 16 Dei spilar upp i mot deg sitt gap alle dine
fiendar, blistrar og bit i hop tenner; dei segjer: «Me hev
gløypt henne. Ja, dette er den dagen me stunda på;
me fekk då liva og sjå den dagen.» 17 Herren hev gjort
det han hadde tenkt, hev fullført sitt ord, den rådgjerdi
han tok alt i forne dagar; han hev rive ned utan nåde,
og han let fienden frygda seg yver deg, let dine uvener
bera hornet høgt. 18 Hjarto deira ropar til Herren. Du
mur kring Sions dotter, du strigråte dag og natt! Unn
deg ikkje kvild! Gjev ikkje din augnestein ro! 19 Statt
upp, ropa høgt um natti, når nattevaktene tek til! Renn
ut som vatn ditt hjarta framfor Herrens åsyn! Lyft upp
til honom dine hender til livsens frelsa for dine born,
som vanmegtast av svolt på kvart gatemot! 20 Sjå,
Herre, og skoda etter! Kven annan for du åt soleis?
Skal kvende sitt avkjøme eta, småborn, som på armar
dei ber? Skal ein slå i Herrens heilagdom prest og
profet i hel? 21 På jordi i gatorne ligg ung og gamall.
Mine møyar og gutar er falne for sverd. Du slo i hel på
din vreide-dag, du slagta utan nåde. 22 Du kalla som
på ein høgtidsdag rædslor mot meg alle stader ifrå; og
på Herrens vreide-dag fanst det ingen som vart berga
og slapp undan. Deim eg hev bore på armar og ale
upp, hev min fiende tynt.

**3** Eg er mannen som naudi såg under hans vreide-
ris. 2 Meg hev han ført og late ferdast i myrker og
ikkje i ljos. 3 Berre mot meg vender han si hand upp
att og upp att heile dagen. 4 Han hev late meg eldast i
hold og hud, han hev krasa mine bein. 5 Han bygde
att for meg og ringa meg inn med beiska og møda.
6 I myrkret hev han set meg, lik deim som longe er
daude. 7 Han mura att for meg, so eg kjem meg ikkje
ut; tunge gjorde han mine lekkjor. 8 Endå eg kallar og
ropar, let han att for mi bøn. 9 Han mura fyre mine
vegar med tilhoggen stein, gjorde det uført på min
stig. 10 Ein lurande bjørn var han mot meg, ei løva i
løyne. 11 Til villstig gjorde han min veg; han reiv meg
sund og lagde meg i øyde. 12 Han spente sin boge og
sette meg til skotmål for si pil. 13 Han let renna inni
mine nyro pilehus-sønerne sine. 14 Eg vart til lått for
alt mitt folk, deira nidvisa heile dagen. 15 Han metta
meg med beiske urter, han gav meg malurt å drikka.
16 Han let meg knasa mine tenner på småstein, han
grov meg ned i oska. 17 Og du støytte burt frå fred
mi sjæl; eg gløymde kor det var å hava det godt. 18
Og eg sagde: «Det er ute med mi kraft og med mi
von til Herren.» 19 Kom i hug mi naud og mi utlægd -
malurt og beiska. 20 Ho minnest det, sjæli mi, og er
nedbøygd i meg. 21 Dette vil eg leggja meg på hjarta,
og difor vil eg vona: 22 Herrens nåde det er, at det
ikkje er ute med oss, for hans miskunn er enn ikkje
all. 23 Kvar morgon er ho ny, å, stor er din truskap.
24 Min lut er Herren, segjer mi sjæl; difor vonar vil
eg vona på honom. 25 Herren er god med deim som
ventar på honom, med den sjæl som søkjer honom. 26
Det er godt å vera still for Herren og venta på hans
frelsa. 27 Det er godt for mannen at han ber ok i sin
ungdom, 28 at han sit einsleg og tegjande, når han
legg det på, 29 at han luter seg med munnen mot
moldi - kann henda det enn er von - 30 at han held
fram si kinn til slag, let seg metta med svivyrda. 31
For Herren støyter ikkje æveleg burt. 32 For um han
legg på sorg, so miskunnar han endå etter sin store
nåde. 33 For det er ikkje av hjarta han legg møda og
sorg på mannsborni. 34 At dei krasar under fot alle
fangar i landet, 35 at dei rengjer retten for mannen
framfor åsyni til den Høgste, 36 at ein gjer urett mot
ein mann i hans sak - ser ikkje Herren slikt? 37 Kven
tala, og det vart, um Herren ikkje baud? 38 Kjem ikkje
frå munnen til den Høgste både vondt og godt? 39 Kvi
skal eit livande menneskje klaga? Kvar syrgje yver si
synd! 40 Lat oss ransaka våre vegar og røyna deim og
venda oss til Herren! 41 Lat oss lyfta våre hjarto likeins
som våre hender til Gud i himmelen! 42 Me hev synda
og vore ulyduge, du hev ikkje tilgjeve. 43 Du sveipte
deg i vreide og elte oss, du slo i hel utan nåde. 44
I skyer sveipte du deg, so ingi bøn rakk fram. 45 Til
skarn og styggje hev du gjort oss midt imillom folki.
46 Dei spila upp sitt gap imot oss, alle våre fiendar.
47 Gruv og grav det vart vår lut, øyding og tjon. 48
Tårebekkjer strøymer or mitt auga for tjonet på mitt
folks dotter. 49 Mitt auga sirenn, roar seg ikkje, 50 fyrr
Herrens skodar etter og ser frå himmelen. 51 Mitt auga
gjer meg hjarte-ilt for kvar ei av døtterne i min by. 52

Dei jaga og elte meg som ein fugl, dei som var mine
fiendar utan orsak. **53** Dei vilde taka livet av meg nede
i brunnen, dei kasta stein på meg. **54** Vatnet flødde
yver mitt hovud, eg sagde: «Det er ute med meg.» **55**
Eg påkalla ditt namn, Herre, utor den djupe hola. **56** Mi
røyst høyrde du; haldt deg ikkje for øyro når eg ropar
um lindring. **57** Du var nær den dagen eg kalla på deg;
du sagde: «Ikkje ottast!» **58** Du, Herre, hev ført saki for
mi sjæl, du hev løyst ut mitt liv. **59** Du, Herre, hev set
kva urett eg leid; å, døm i mi sak! **60** Du hev set all
deira hemnhug, alle deira løynderåder mot meg. **61** Du
hev høyrt deira svivyrdingar, alle deira løynderåder
mot meg, **62** det mine motstandarar sagde og tenkte
imot meg dagen lang. **63** Ansa på deim, når dei sit og
når dei stend! um meg gjer dei nidvisor. **64** Du, Herre,
vil gjeva deim av same slag som deira hender hev
gjort. **65** Du vil leggja eit sveip yver deira hjarta, du vil
bannstøyta deim. **66** Du vil elta deim i vreide, og tyna
deim so dei ikkje bid meir under Herrens himmel.

**4** Kor vert då gullet skjemt, det finaste gullet brigda,
dei heilage steinarne strådde på kvart eit gatemot!
**2** Sions søner, dei dyrverdige, gjæve som skire gullet,
kor er dei då haldne jamgode med leirkrukkor, med
eit verk av krusmakar-hender! **3** Jamvel sjakalarne
held fram juret, so ungarne fær suga - Sions dotter
heldt seg hard; ho likjest på strussen i øydemarki. **4**
Sogbarns-tunga kleimer seg til gomarne av torste;
småborni bed um brød, men ingen etlar deim noko. **5**
Dei som fyrr åt forkunnmat, ormegtast no på gatorne;
dei som vart borne på skarlak, lyt no liggja i møk.
**6** Større vart soleis syndeskuldi til mitt folks dotter
større enn syndi til Sodoma, som vart søkkt i jordi ein
augneblink, utan at hender hjelpte til. **7** Hovdingarne
hennar var reinare enn snø, kvitare enn mjølk, raudare
i holdet enn korallar; som safir såg dei ut. **8** Myrkare
enn svart er dei vortne å sjå til, ein kann ikkje kjenna
deim att på gata; dei er vortne berre skinn og bein,
hudi deira skrukkast som næver på tre. **9** Det var
betre for deim som fall for sverd, enn for deim som
fall for svolten, deim som talmast av og var tynte av
brødløysa. **10** Hjartemilde kvende koka sjølve sine
eigne born; dei hadde deim til mat, då mitt folks dotter
vart tynt. **11** Herren tømde ut sin harm, auste ut sin
brennande vreide; i Sion kveikte han eld og snøydde til
grunnen. **12** Ingen konge på jord kunde tru, ingen i
all verdi kunde tenkja at motstandar og fiend' skulde
koma inn i Jerusalems portar. **13** Men det hende like
vel, for hennar profetar hadde synda, hennar prestar
var illgjerningsmenner, dei rende ut blod av rettferdige
hjå henne. **14** Dei for og vildra i gatorne som blinde,
sulka med blod, so ein ikkje kunde taka i klædi deira.
**15** «Hav dykk undan! Urein!» ropa folket framfyre deim;
«hav dykk undan, hav dykk undan! kom ikkje burti!»
Når dei flydde og vadra ikring, vart det sagt millom
folki: «Her fær dei ikkje vera lenger.» **16** Herrens åsyn
hev spreidt deim ikring, han ser ikkje lenger til deim.
Prestar vyrder dei ikkje, gamle miskunnar dei ikkje.
**17** Endå stirer våre augo etter hjelp, men til fåfengs.
Frå vårt vakttårn einstirde me etter eit folk som ikkje
kann hjelpa. **18** Dei lurer på våre stig, so me ikkje
kann ganga på våre gator. Det er nær innpå enden
med oss, våre dager er ute, ja, vår ende er komen. **19**
Våre forfylgjarar var snarare enn himmelens ørnar;
burtetter fjelli elte dei oss, i øydemarki lurde dei på
oss. **20** Vår livsande, den Herren salva, vart fanga i
deira løyngraver, han som me sagde dette um: «I hans
livd skal me leva millom folki.» **21** Fagna og gled deg,
du Edoms dotter, du som bur i Us-landet! Du og skal
drikka same skåli, du skal verta drukki og nækja deg.
**22** Di misgjerd er ende, Sions dotter. Han vil ikkje gjera
deg utlæg att. Di misgjerd vil han heimsøkja, Edoms
dotter, gjera synberre dine synder.

**5** Kom i hug, Herre, kor det er med oss! Skoda etter
og sjå, kor me er svivyrde! **2** Vår arv er komen åt
framande, våre hus åt utlendske menner. **3** Farlause
er me vortne, hev ikkje far. Møderne våre er som
enkjor. **4** Me lyt kjøpa det vatnet me drikk, vår ved lyt
me betala. **5** Våre forfylgjarar hev me på halsen; me
er trøytte, fær ikkje kvild. **6** Til Egyptarland rette me
hand, til Assyria, vilde mettast med brød. **7** Våre feder
synda, dei er burte, me lyt bera deira misgjerningar. **8**
Trælar er våre herrar, og ingen riv oss ut or deira hand.
**9** Me søkjer vårt brød med livsens fåre for sverdet i
øydemark. **10** Vår hud er glodheit som omnen, for
svolten som gneg og brenn. **11** Kvende hev i Sion dei
skjemt, møyar i byarne i Juda. **12** Hovdingar hengde
dei med si hand, gamle viste dei ikkje vyrdnad. **13**
Ungmenne laut bera kverni, og gutar seig ned med
vedbyrdi på. **14** Dei gamle sit ikkje lenger i porten,
dei unge ikkje meir med sitt strengespel. **15** Det er
slutt med vår hjartans gleda, vår dans er umsnudd til
sorg. **16** Kransen er fallen av vårt hovud; usæle me, at
me hev synda! **17** Difor er hjarta vårt sjukt, di so er
augo våre dimme - **18** for Sions fjell som ligg audt,
der renner no revar ikring. **19** Du, Herre, sit æveleg
konge, frå ætt til ætt stend din kongsstol. **20** Kvi vil du
oss æveleg gløyma, ganga frå oss dagarne lange?
**21** Vend oss, Herre, til deg, so kjem me; nya upp att
våre dagar frå gamalt! **22** For du kann vel ikkje reint ha
støytt oss burt, vera so ovleg harm på oss.

# Esekiel

**1** Det hende i det trettiande året, den femte dagen i
den fjorde månaden, då eg var millom dei bortførde
attmed Kebarelvi, at himmelen opna seg og eg såg
syner frå Gud. **2** Den femte dagen i månaden - det var
endå det femte året etter kong Jojakin vart burtførd -
**3** då kom Herrens ord til Ezekiel Buzison, presten, i
Kaldæarlandet attmed Kebarelvi. Herrens hand kom
der yver honom. **4** Og eg såg, og sjå, ei stormflaga
kom nordanfrå, ei stor sky og eld som kvervla seg i
hop, med eit skin rundt ikring, og ut or honom, midt
utor elden, tedde det seg eitkvart nett som sylvblanda
gull. **5** Og midt der-utor kom det noko som liktest på
fire livende. Og soleis var dei på skap: Dei hadde
manneskapnad. **6** Og fire andlit var det på kvart eitt
av deim og fire vengjer på kvart eitt av deim. **7** Og
føterne deira, dei var beine, og fotbladi deira var som
kalveklauver, og dei glima som skinande kopar. **8**
Og dei hadde mannehender under vengjerne på alle
fire sidorne. Og med andliti deira og vengjerne deira
var det soleis på alle fire: **9** Vengjerne deira nådde i
hop, den eine med hin. Dei snudde seg ikkje når dei
gjekk; kvart eitt gjekk beint fram. **10** Og deira andlit var
som eit mannsandlit på skap, og alle fire hadde løve-
andlit på høgresida, og alle fire hadde ukse-andlit på
vinstresida, og alle fire hadde ørne-andlit. **11** Det var
no andliti deira. Og vengjerne deira breidde seg ut
ovantil. Med tvo av vengjerne sine nådde eitt livende i
hop med hitt, og med tvo løynde det likamen sin. **12**
Og kvart eitt av deim gjekk beint fram. Kvar åndi vilde
ganga, dit gjekk dei; dei snudde seg ikkje når dei gjekk.
**13** Og livendi såg ut som gløder i eld, brennende, som
kyndlar å sjå til; elden for att og fram millom livendi, og
det skein av honom, og ut or elden gjekk det ljon. **14**
Og livendi for att og fram, nett som eldingar å sjå til.
**15** Og eg såg livendi, og sjå, det var eit hjul på jordi
innmed kvart eitt livende, og dei viste ut mot fire sidor.
**16** Og hjuli såg ut nett som dei skulde vera gjorde av
eitkvart som liktest på krysolit, og alle fire var eins på
skapnad, og det såg ut som dei var gjorde so at eitt hjul
var inni hitt. **17** Til alle fire sidorne kunde dei ganga; dei
snudde seg ikkje når dei gjekk. **18** Og hjulfalli var høge
og skræmelege, og so var dei fullsette med augo rundt
ikring på alle fire. **19** Og når livendi gjekk, so gjekk hjuli
attmed deim, og når livendi lyfte seg frå jordi, so lyfte
hjuli seg med. **20** Kvar åndi vilde ganga, gjekk dei, nett
dit som åndi vilde ganga. Og hjuli lyfte seg med deim,
for åndi åt livendi var i hjuli. **21** Når livendi gjekk, so
gjekk dei, og når dei stod, so stod dei, og når dei lyfte
seg frå jordi, so lyfte hjuli seg med, for åndi åt livendi
var i hjuli. **22** Og uppyver hovudi på livendi var det
noko på skap som ein kvelv, som underfull krystall å
sjå til, utspana uppyver hovudi deira. **23** Og uppunder
kvelven rette vengjerne deira seg beint ut, kvar mot
annan. Kvart einskilt av deim hadde tvo vengjer som
dei løynde likamen sin med. **24** Og eg høyrde ljomen
av vengjerne deira, som ljomen av store vatn, som
røysti åt den Allmegtige, når dei gjekk, ein ljomande
gny som gnyen frå eit herlæger. Når dei stod stilt, let
dei vengjerne siga. **25** Og det ljoma ei røyst uppyver
kvelven som var yver hovudi deira. Når dei då stod
stilt, let dei vengjerne siga. **26** Og uppyver kvelven
som var yver hovudi deira, var det noko som såg ut
som safirstein, på skap som ein kongsstol. Og uppå
kongsstol-skapnaden sat det ein som liktest på eit
menneskje. **27** Og eg såg noko liksom sylvblanda
gull, sjåande til liksom eld med ein ljosgard ikring, frå
det som var sjåande til å vera lenderne hans og so
uppetter. Og frå det som var sjåande til å vera lenderne
hans og nedetter såg eg noko liksom eld å sjå til, med
eit skin rundt ikring. **28** Liksom syni av bogen i skyi
på ein regndag, soleis var syni av skinet rundt ikring.
Soleis var openberringi av Herrens herlegdom å sjå til.
Og då eg fekk sjå det, fall eg ned på mitt andlit, og eg
høyrde røysti av ein som tala.

**2** Og han sagde med meg: «Menneskjeson! Statt upp
på føterne dine so eg kann få tala med deg!» **2**
Og det kom ånd i meg med det same han tala med
meg, og reiste meg upp på mine føter, og eg lydde
på honom som tala til meg. **3** Og han sagde til meg:
«Menneskjeson! Eg sender deg til Israels-borni, dei
upprørske heidningar som hev gjort upprør imot meg.
Dei sjølve og deira feder hev forbrote seg mot meg alt
til den dag i dag. **4** Og til borni med dei harde andliti og
stive hjarto - eg sender deg til deim. Og du skal segja
med deim: «So segjer Herren, Herren.» **5** Og dei,
anten dei lyder på eller ikkje - for ei tråssug ætt er dei -
so skal dei få vita at ein profet hev vore midt imillom
deim. **6** Og du, menneskjeson! Ikkje ottast deim! og
ordi deira ottast du ikkje! For tistlar og klunger er hjå
deg, og med skorpionar bur du. For ordi deira ottast du
ikkje, og for deira åsyn vere du ikkje forfærd! For ei
tråssug ætt er dei. **7** Og du skal tala ordi mine til deim,
anten dei lyder på eller ikkje, for tråssuge, det er dei. **8**
Men du, menneskjeson, lyd på det som eg vil tala til
deg! Ver ikkje tråssug som den tråssuge ætti! Lat upp
munnen din og et det som eg gjev deg!» **9** Og som eg
såg, og sjå, ei hand var rett ut til meg. Og sjå, i den
var ein bokrull. **10** Og han rulla honom upp framfor mi
åsyn, og han var fullskriven inni og utanpå. Og skrive
var det på honom syrgjesongar, sukkar og verop.

**3** Og han sagde med meg: «Menneskjeson! Et det
du finn! Et denne bokrullen, og gakk, tala til Israels-
lyden!» **2** Og eg let upp min munn, og han gav
meg denne bokrullen å eta. **3** Og han sagde med
meg: «Menneskjeson! Din buk skal du metta, og dine
innvolar skal du fylla med denne bokrullen som eg gjev
deg.» Og eg åt, og han var i munnen min søt som
honning. **4** Og han sagde med meg: «Menneskjeson!
Gakk av stad til Israels hus og tala til deim med mine
ord! **5** For du vert ikkje send til eit folk med ugreidt mål
og tungmælt tunga, men til Israels-lyden. **6** Ikkje til
mange folkeslag med ugreidt mål og tungmælt tunga,
so du ikkje skynar ordi deira, i sanning, um eg sende
deg til deim, so skulde dei høyra på deg. **7** Men
Israels-lyden skal ikkje vilja lyda på deg, for dei vil
ikkje lyda på meg. For all Israels-lyden - harde skallar
og stinne hjarto hev dei. **8** Sjå, eg gjer di åsyn hard
mot deira åsyn og di panna hard mot deira pannor.
**9** Som demant, hardare enn stein, gjer eg di panna.
Du skal ikkje ottast deim og ikkje vera forfærd framfor
deira åsyn, for ei tråssug ætt er dei.» **10** Og han sagde
med meg: «Menneskjeson! Alle mine ord som eg talar
til deg, tak deim inn i ditt hjarta og høyr deim med
dine øyro! **11** Og gakk av stad til dei burtførde, til ditt
folks born, og tala til deim og seg med deim: So segjer
Herren, Herren - anten dei vil lyda på eller ei.» **12** Då
lyfte åndi meg upp, og eg høyrde attanfor meg ein
dynjande sterk ljom: «Lova vere Herrens herlegdom
frå den staden der han er!» **13** likeins ljomen av dei fire
livende, når vengjerne deira møttest, og ljomen av hjuli
attmed deim, ein dynjande sterk ljom. **14** Åndi lyfte
meg då upp og tok meg med, og eg for av stad, hugsår
og uppøst i mi ånd, og Herrens hand var sterk yver
meg. **15** Og eg kom til dei burtførde i Tel-Abib som
budde attmed Kebarelvi, til den staden der dei budde,
og der sat eg hjå deim i tri dagar, hugstolen og reint ifrå
meg. **16** So hende det etter sju dagar at Herrens ord
kom til meg; han sagde: **17** «Menneskjeson! Til vaktar
hev eg sett deg for Israels-lyden; når du då høyrer eit
ord frå min munn, skal du vara deim åt frå meg. **18**
Når eg segjer til den ugudlege: «Du skal døy, » og
du ikkje varar honom åt, og ikkje talar og varar den
ugudlege åt for hans ugudlege veg, til frelsa for hans
liv, då skal han, den ugudlege, døy for si misgjerning,
men hans blod vil eg krevja av di hand. **19** Og når du
varar den ugudlege, men han vender ikkje um frå si
gudløysa og frå sin ugudlege veg, då skal han døy for
si misgjerning, men du hev berga di sjæl. **20** Og når
ein rettferdig vender seg frå si rettferd og gjer urett, so
vil eg leggja støyt framfor hans åsyn; - han skal døy.
Um du ikkje hev vara honom åt, skal han døy i si synd,
og den rettferdi som han gjorde, skal ikkje verta ansa,
men hans blod vil eg krevja av di hand. **21** Men um
du hev vara den rettferdige, at rettferdig mann skal
ikkje synda, og han då ikkje syndar, då skal han liva,
sidan han let seg vara, og du hev berga di sjæl.» **22**
Og Herrens hand kom der yver meg, og han sagde
med meg: «Statt upp og gakk ut i dalen, der vil eg tala
med deg.» **23** Og eg stod upp og gjekk ut i dalen. Og
sjå, der stod Herrens herlegdom lik den herlegdomen
eg såg attmed elvi Kebar. Og eg fall ned på mitt andlit.
**24** Men åndi kom i meg og reiste meg upp på føterne.
Og han tala med meg og sagde til meg: «Gakk og
steng deg inne i huset ditt! **25** Og du, menneskjeson.
Sjå, dei skal binda deg med tog og setja deg fast med
deim, so du ikkje kjem deg ut til å vera i lag med deim.
**26** Og tunga di let eg hanga fast ved gomerne dine, so
du vert mållaus og ikkje vert deim ein refsingsmann.
For ei tråssug ætt er dei. **27** Men når eg talar med deg,
vil eg opna munnen din; då skal du segja til deim: So
segjer Herren, Herren: Den som vil lyda på, han lyde,
og den som ikkje vil gjeva gaum, han late vera! For ei
tråssug ætt er dei.»

**4** Og du, menneskjeson! Tak deg ein tiglstein og
rita av på honom ein by, Jerusalem! **2** Og laga til
umlægringsverk mot byen, og bygg åtaksmurar mot
honom, og kasta upp ein voll mot honom, og slå læger
mot honom, og set upp murstangarar mot honom rundt
ikring. **3** Og du, tak deg so ei jarnpanna og set henne
til ein jarnvegg millom deg og byen; snu deg med
andlitet mot honom, so han vert kringsett, og du skal
kringsetja honom: eit teikn er det åt Israels-lyden. **4**
Og du, legg deg på vinstre sida og legg på henne
syndeskuldi åt Israels-lyden; like mange dagar som du
ligg på henne, skal du bera deira syndeskuld. **5** Og eg
let syndeskulds-åri deira vera som talet på dagarne
for deg, tri hundrad og nitti dagar, so lenge skal du
bera syndeskuldi åt Israels-lyden. **6** Og når du hev
gjort dette frå deg, skal du andre gongen leggja deg
på høgre sida og bera syndeskuldi åt Juda-lyden; i fyrti
dagar - ein dag for kvart år - let eg deg bera henne. **7**
Og mot Jerusalem, til å kringsetja det, skal du snu deg
med andlitet og med berr arm, og du skal spå imot det.
**8** Og sjå, eg bind deg med tog, so du ikkje skal snu
deg frå den eine sida til hi fyrr du hev gjort frå deg
kringsetjingsdagarne dine. **9** Og du, tak deg kveite og
bygg og baunor og linsor og hirsa og spelt, og hav det i
eit trog, og laga det til brød åt deg! I like mange dagar
som du ligg på sida, i tri hundrad og nitti dagar, skal
du eta det. **10** Og maten din skal eta etter vegt, tjuge
lodd um dag. Frå tid til tid skal du eta det. **11** Og vatn
skal du drikka etter mål, ein pott. Frå tid til tid skal du
drikka det. **12** Og som ei byggkake skal du eta det, og
med mannsskarn til brennefang skal du steikja det for

deira åsyn. 13 Og Herren sagde: «Soleis skal Israels-
borni eta sitt brød ureint hjå dei folki som eg vil driva
deim burt til.» 14 Og eg sagde: «Ai, ei! Herre, Herre!
Sjå, aldri vart sjæli mi sulka, og noko sjølvdaudt og
ihelrive hev eg aldri ete frå min ungdom alt til no, og
det hev ikkje kome ureint kjøt i min munn.» 15 Og han
sagde med meg: «Sjå, eg gjev deg kumøk i staden for
mannsskarn, so du kann steikja brødet ditt yver den.»
16 Og han sagde med meg: «Du menneskjeson! Sjå,
eg bryt sund brødstaven for Jerusalem, og dei skal eta
brød etter vegt og med otte og drikka vatn etter mål
og med fælske, 17 so dei skal vanta brød og vatn og
verta forstøkte både ein og hin, og vanmegtast for si
misgjerning.»

**5** Og du, menneskjeson! Tak deg eit kvast sverd! Til
rakekniv skal du bruka det, og du skal føra det yver
ditt hovud og skjegg; tak deg so ei skålvegt og skift
det du hev raka av! 2 Ein tridjepart skal du brenna
upp i eld midt i byen når kringsetjingsdagarne er lidne,
og ein tridjepart skal du taka og slå med sverdet vida
ikring, og ein tridjepart skal du spreida ut i vinden, og
sverd vil draga ut etter deim. 3 Men du skal taka undan
nokre få av deim og binda deim i kjolesnipparne dine.
4 Og av deim att skal du enn taka nokre og kasta deim
midt inn i elden og brenna deim upp i eld. Derifrå skal
koma eld yver all Israels-lyden. 5 So segjer Herren,
Herren: Dette Jerusalem, midt imillom folki sette eg
det, og land var det rundt ikring. 6 Men det hev sett
seg upp mot mine lover, so det vart ugudlegare enn
folki, og mot mine bodord, so dei vart verre enn landi
rundt ikring; for mine lover vanvyrde dei, og i mine
bodord ferdast dei ikkje. 7 Difor, so segjer Herren,
Herren: Av di at de hev rasa verre enn heidningfolki
rundt ikring dykk, ikkje ferdast i mine bodord og ikkje
gjort etter mine lover, og jamvel ikkje gjort etter loverne
åt heidningfolki som er rundt ikring dykk, 8 difor, so
segjer Herren, Herren: Sjå, eg vil koma yver deg, eg
og, og eg vil halda dom hjå deg midt framfor augo på
heidningfolki. 9 Og eg skal gjera med deg det som
eg ikkje fyrr hev gjort og aldri meir vil gjera, for all
styggedomen din. 10 Difor skal foreldre eta borni sine
hjå deg, og born eta foreldri sine. Og eg vil halda dom
hjå deg, og strå alt som vert att av deg for alle vindar.
11 Difor, so sant som eg liver, segjer Herren, Herren,
sanneleg, etter di du hev sulka min heilagdom med all
din styggjedom og alle dine styggjor, so vil eg og snu
meg frå, og mitt auga skal ikkje ynkast, og ikkje eg
heller vil spara deg. 12 Tridjeparten av deg skal døy av
sott og verta tynt av svolt midt i deg, og tridjeparten
skal falla for sverd rundt kringum deg, og tridjeparten
vil eg spreida for alle vindar, og sverd vil eg draga ut
etter deim. 13 Og all min vreide skal verta uthelt, og eg
vil svala min harm på deim og hemna meg. Då skal dei
sanna at eg, Herren, hev tala i min brennhug når eg
heller ut all min harm på deim. 14 Og eg vil gjera deg til
audn og til spott millom folki som er rundt kringum deg,
framfor augo på kvar ein som fer framum. 15 Du skal
verta til spott og håd, ei åtvaring og ei skræma for folki
som er rundt kringum deg, når eg held dom yver deg
med vreide og med harm og med harmfulle refsingar -
eg, Herren hev tala - 16 når eg sender ibland deim
dei vonde hunger-pilerne som er etla til tynarverk,
deim eg sender til å tyna dykk med, når eg let svolten
herja dykk og bryt sund brødstaven for dykk. 17 Eg
vil senda yver dykk hunger og udyr, og dei skal gjera
deg barnlaus, og sott og blod skal ganga yver deg, og
sverd vil eg lata koma yver deg. Eg Herren, hev tala.

**6** Og Herrens ord kom til meg; han sagde; 2
Menneskjeson! Vend di åsyn mot Israelsfjelli og spå
mot deim. 3 Og du skal segja: De Israelsfjell, høyr ordi
frå Herren, Herren! So segjer Herren, Herren til fjelli
og til haugarne, til gili og til dalarne: Sjå, eg let sverd
koma yver dykk og øyder dykkar offerhaugar. 4 Og
dykkar altar skal verta lagde i øyde og dykkar solstolpar
sundkrasa, og eg vil lata dykkar gjennomstungne falla
framfor augo på dykkar ufysne avgudar. 5 Og eg vil
leggja liki av Israels-borni framfor augo på dykkar
ufysne avgudar og strå beini dykkar rundt kringum
dykkar altar. 6 På kvar einaste stad der de bur, skal
byarne verta lagde i øyde og offerhaugarne verta
aude, so altari dykkar kann verta øydelagde og aude
og dykkar ufysne avgudar sundkrasa og upp i inkje
og solstolparne dykkar nedhogne og dykkar verk
utstrokne; 7 og gjennomstungne skal falla midt ibland
dykk. Og de skal sanna at eg er Herren. 8 Men nokre
vil eg leiva, med di sume av dykk slepp undan sverdet
millom folkeslagi, når de vert spreidde kringum i landi.
9 Og dei av dykk som slepp undan, skal minnast meg
millom folki som dei er burtførde til, når eg hev knasa
deira utrue hjarta som veik ifrå meg, og deira augo
som i utruskap søkte etter deira ufysne avgudar. Og
dei skal styggjast ved seg sjølve for det vonde dei hev
gjort, med alle sine styggjor. 10 Og dei skal sanna at
eg er Herren. Ikkje fåfengt hev eg tala um å senda
denne ulukka på deim. 11 So segjer Herren, Herren:
Slå i hop handlovarne dine og trappa med foten og
ropa: «Ai, ei!» yver alle dei vonde styggjorne i Israels-
lyden; for dei skal falla for sverd, svolt og sott. 12 Den
som er langt burte, skal døy av sotti, og den som er
nær, skal falla for sverdet, og den som er leivd og
berga, skal døy av svolten, og eg vil tøma min harm
yver deim. 13 Og de skal sanna et eg er Herren, når
deira gjenomstungne ligg midt imillom deira ufysne
avgudar, rundt kringum altari deira, på kvar ein høg

haug, på alle fjelltoppar og under kvart eit grønt tre og
under kvar ei lauvrik eik, på den staden der dei ofra
godange åt dei ufysne avgudarne sine. 14 Og eg vil
retta ut handi mi mot deim og gjera landet til audn og
øyda - verre enn Dibla-øydemarki - kvar dei so bur, og
dei skal sanna at eg er Herren.

7 Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2 Og
du, menneskjeson! So segjer Herren, Herren med
Israels land: Ende! Komen er enden yver landsens fire
hyrno. 3 No er enden komen yver deg, og eg vil senda
vreiden min mot deg og døma deg etter åtferdi di, og
eg vil leggja på deg alle dine styggjor. 4 Og mitt auga
skal ikkje spara deg, og miskunn gjer eg ikkje; men
åtferdi di vil eg leggja på deg, og dine styggjor skal
vera midt i deg, og de skal sanna at eg er Herren. 5
So segjer Herren, Herren: Ulukka, ei ulukka ein gong
for alle, sjå, ho kjem. 6 Ein ende kjem, ja, enden kjem,
han vaknar imot deg, sjå, ho kjem. 7 No er det din tur,
du som i landet bur. Tidi er komi, nær er dagen med
ståkande rådløysa og ikkje med fagnadrop på fjelli. 8
No, um eit lite bil, vil eg renna ut min harm yver deg
og tøma ut all min vreide på deg og døma deg etter
åtferdi di, og eg vil leggja på deg alle dine styggjor. 9
Og mitt auga skal ikkje spara deg, og miskunn gjer
eg ikkje; som di åtferd hev vore, let eg deg få det, og
dine styggjor skal midt i deg vera. Og de skal sanna
at eg, Herren, slær. 10 Sjå, dagen! sjå, det kjem!
Lagnadsstundi tek til; riset blømer, ovmodet grønkar.
11 Valdsgiren reiser seg til eit ris yver gudløysa. Ikkje
noko av deim, inkje av deira ståkande hop, inkje av
deira bråk, inkje av deira herlegdom vert att hjå deim.
12 Tidi er komi, dagen er nær. Kjøparen fagne seg
ikkje, og seljaren syrgje ikkje! For vreide logar mot
heile deira hop. 13 For seljaren skal ikkje få att det han
selde, um han enn er i live, for syni mot heile hopen
skal ikkje snu attende, og i si misgjerning skal ingen
kunna verja sitt liv. 14 Dei blæs i stridslur og bur seg
vel i alt, men ingen fer ut til striden; for min harm er
imot heile deira hop. 15 Sverdet ute, sotti og svolten
inne; den som er på marki, skal døy for sverd, og den
som er i byen, honom skal svolt og sott tyna. 16 Og
slepp det undan einkvar utav deim, skal dei vera på
fjelli som duvor i dalarne, alle med klagelæte, kvar og
ein for si misgjerning. 17 Alle hender skal siga, og
alle kne skal verta veike som vatn. 18 Og dei skal
gyrda seg med sekk, og skjelving skal hylja deim, og
kvart eit andlit skal blygjast av skam, og kvart hovud
skal vera fleinskalla. 19 Sylvet sitt skal dei kasta på
gatorne, og gullet sitt skal dei vyrda som saur. Deira
sylv og gull skal ikkje kunna berga deim på Herrens
vreide-dag; dei skal ikkje kunna metta si sjæl eller fylla
sin mage med det, for det hev vorte ein støytestein
til misgjerning; 20 og den glimande prydnadsting av
det hev dei bruka til storlæte, og dei hev gjort sine
styggjelege bilæte av det, sine ufyselege avgudar;
difor gjer eg det til saur for deim. 21 Og eg vil lata
framande hender rana det og gudlause på jordi gjera
det til herfang, og dei skal vanhelga det. 22 Og eg vil
snu mi åsyn frå deim. Og ransmenner skal vanhelga
min skatt; dei skal brjota seg inn åt honom og vanhelga
honom. 23 Gjer lekkja i stand! for landet er fullt av
blod-domar, og byen er full av valdsverk. 24 Og eg vil
lata dei verste av heidningarne koma, og dei skal eigna
til seg husi deira. Og eg vil gjera ende på ovmodet
hjå dei hardsette, og heilagdomarne deira skal verta
vanhelga. 25 Rædsla kjem, og dei skal søkja fred, men
ingen finna. 26 Ulukka på ulukka skal koma, fretnad på
fretnad fær ein høyra; og dei skal søkja etter syn hjå
profeten, lov skal kverva for presten, og råder for dei
gamle. 27 Kongen skal syrgja, og fyrsten skal klæda
seg i fælske, og henderne på landslyden skal skjelva.
Etter åtferdi deira vil eg gjera med deim, og med deira
domar vil eg døma deim, og dei skal sanna at eg er
Herren.

8 Og det hende i det sette året, den femte dagen
i sette månaden, medan eg sat i huset mitt, og
styresmennerne i Juda sat framfor mi åsyn, at Herrens,
Herrens hand fall på meg der. 2 Og eg såg, og sjå,
ein skapnad, sjåande til som eld; frå det som var
sjåande av lenderne hans og nedetter som eld, og frå
hans lender og uppetter var det som ei glima, som
sylvblanda gull. 3 Og han rette ut eitkvart som liktest
på ei hand, og tok meg i ein lokk av hovudhåret, og
åndi lyfte meg upp millom jord og himmel og førde meg
til Jerusalem i syner frå Gud, dit der ein gjeng inn til
den indre fyregarden gjenom den porten som snur mot
nord, der som harmings-bilætet stod, det som valda
harm. 4 Og sjå, der var herlegdomen åt Israels Gud,
liksom den syni eg hadde set i dalen. 5 Og han sagde
med meg: «Menneskjeson! Lyft augo dine nordetter!»
Og eg lyfte augo nordetter, og sjå, nordanfor altarporten
var dette harmings-bilætet attmed inngangen. 6 Og
han sagde med meg: «Menneskjeson! Ser du kva
dei gjer? Store styggjor er det som Israels-lyden gjer
her, so eg lyt fara langt burt ifrå heilagdomen min.
Men du skal få sjå store styggjor.» 7 Og han let meg
koma til inngangen åt fyregarden. Og eg såg, å sjå,
det var eit hol i veggen. 8 Og han sagde med meg:
«Menneskjeson! Brjot igjenom veggen!» Og eg braut
meg igjenom veggen, og sjå, der var ei dør. 9 Og
han sagde med meg: «Gakk inn og sjå dei vonde
styggjor som dei gjer der!» 10 Og eg gjekk inn og såg,
og sjå, der var alle slag bilæte av krek og firføtingar,

styggedom, og alle dei ufysne avgudarne åt Israels-
lyden, innrita på veggjerne rundt ikring. 11 Og framfyre
deim stod sytti mann, styresmennerne i Israels-lyden,
og Ja'azanja Safansson stod midt imillom deim, og
kvar og ein hadde eit røykjelseskjerald i handi, og det
steig upp ange av røykjelseskyi. 12 Og han sagde med
meg: «Hev du set, menneskjeson, kva styresmennerne
i Israels-lyden fer med i myrkret, kvar i sitt bilæt-rom?
For dei segjer: «Herren ser oss ikkje; Herren hev vendt
seg burt frå landet.»» 13 Og han sagde med meg:
«Du skal enn få sjå store styggjor som dei fer med.»
14 Og han let meg koma åt inngangen til porten på
Herrens hus, den som snur mot nord. Og sjå, der sat
kvinnorne og gret for Tammus. 15 Og han sagde med
meg: «Hev du set, menneskjeson? Du skal enn få sjå
styggjor, større enn desse.» 16 Og han let meg koma i
den indre fyregarden til Herrens hus. Og sjå, attmed
inngangen til Herrens tempel, millom forhalli og altaret,
var det ikring fem og tjuge menner; dei snudde ryggen
til Herrens tempel og andliti i aust, og dei lutte seg
austetter og bad til soli. 17 Og han sagde med meg:
«Hev du set det, menneskjeson? Kunde ikkje Juda-
lyden nøgja seg med å gjera dei styggjor dei her hev
gjort, men måtte fylla landet med vald og atter harma
meg upp? Og sjå kor dei no held kvisten upp for nosi!
18 So vil då eg og fara fram i vreide; mitt auga skal ikkje
spara, og miskunn gjer eg ikkje. Og um dei ropar for
mine øyro med sterkt mål, so vil eg ikkje høyra deim.»

**9** Og han ropa med sterk røyst og sagde: «Kom hit
med heimsøkjingar yver byen, kvar med si tynar-
ambod i hand!» 2 Og sjå, seks menner på vegen
gjenom Øvreporten, som snur mot nord, kvar med
si krasar-ambod i handi, og ein av deim hadde ein
linklædnad på og eit skrivestell ved lendi. Og dei
kom inn og vart standande attmed koparaltaret. 3 Og
herlegdomen åt Israels Gud lyfte seg upp frå keruben
som han var yver, og flutte seg til dørstokken på huset.
Og han ropa åt mannen i linklædnaden, som hadde
skrivestellet ved lendi. 4 Og Herren sagde med han:
«Gakk midt igjenom byen, midt igjenom Jerusalem, og
set eit merke i panna på dei menner som sukkar og
styn yver alle dei styggjor som vert gjorde der inne!»
5 Og han sagde med hine, so eg høyrde på: «Gakk
igjenom byen etter honom og slå ned! Lat ikkje dykkar
augo spara, og gjer ikkje miskunn! 6 Gamle og sveinar
og møyar og småborn og kvinnor skal de drepa og
tyna; men rør ikkje nokon av deim som hev merke
på, og frå min heilagdom skal de taka til.» Og dei tok
til med dei gamle menner som var framfor huset. 7
Og han sagde med deim: «Gjer huset ureint og fyll
fyregarden med drepne menner! Far ut!» Og dei for ut
og slo ned i byen. 8 Og då dei slo ned, og eg vart
verande der, fall eg å gruve på mitt andlit og ropa og
sagde: «Å, å! Herre, Herre! Vil du tyna alt som er leivt i
Israel, når du renner ut din harm yver Jerusalem?»
9 Då sagde han med meg: «Misgjerningi åt Israels-
lyden og Juda er stor, ovstor, og landet er fullt av blod,
og byen er full av rengjing av retten. For dei segjer:
«Herren hev vendt seg ifrå landet, og Herren ser det
ikkje.» 10 So vil då ikkje heller eg lata mitt auga spara,
og miskunn gjer eg ikkje; deira åtferd vil eg leggja på
deira hovud.» 11 Og sjå, mannen i linklædnaden som
hadde skrivestellet ved lendi, kom tilbake med svar og
sagde: «Eg hev gjort som du baud meg.»

**10** Og eg såg, og sjå, på den kvelven som var yver
hovudi på kerubarne, var det som ein safirstein,
sjåande til på skapnad som ein kongsstol. Ein kunde
sjå honom yver deim. 2 Og han sagde med mannen
i linklædnaden: «Gakk inn millom hjuli, inn under
keruben, og tak nevarne dine fulle med gløder av deim
som er millom kerubarne, og strå deim yver byen!»
Og han gjekk medan eg såg på. 3 Og kerubarne stod
på høgre sida åt huset då mannen gjekk inn, og skyi
fyllte den indre fyregarden. 4 Og Herrens herlegdom
lyfte seg frå keruben og burt til dørstokken i huset. Og
skyi fyllte huset, og glansen av Herrens herlegdom
fyllte fyregarden. 5 Og ljomen av kerubvengjerne
høyrdest alt til den ytre fyregarden, som røysti åt Gud
den allmegtige, når han talar. 6 Og det hende, då
han baud mannen i linklædnaden og sagde: «Tak eld
av den som er millom hjuli, millom kerubarne, » at
han gjekk og stana attmed hjulet. 7 Og keruben rette
ut handi si, millom kerubarne, burtåt elden som var
millom kerubarne, og tok og lagde i nevarne på honom
i linklædnaden. Og han tok imot og gjekk ut. 8 Og
under vengjerne på kerubarne kunde ein sjå eitkvart
på skap som ei mannshand. 9 Og eg såg, og sjå, det
var fire hjul på kerubarne, eitt hjul hjå kvar kerub. Og
hjuli var sjåande til som krysolit-stein. 10 Alle fire såg
likeins ut, og det var nett som eitt hjul skulde vera inni
hitt. 11 Når dei gjekk, gjekk dei til alle fire sidorne; dei
snudde seg ikkje når dei gjekk, for til den staden som
hovudet snudde, dit gjekk dei; dei snudde seg ikkje
når dei gjekk. 12 Og heile deira likam og deira rygg og
deira hender og deira vengjer og hjuli var fullsette med
augo rundt ikring - dei fire hadde kvar sitt hjul. 13 Hjuli,
dei vart kalla «kvervel» so eg høyrde på. 14 Og det var
fire andlit på kvar; det fyrste hadde kerub-andlit, og det
andre eit mannsandlit, og det tridje eit løve-andlit, og
det fjorde eit ørne-andlit. 15 Og kerubarne lyfte seg;
det var dei livendi som eg hadde set attmed elvi Kebar.
16 Og når kerubarne gjekk, so gjekk hjuli innmed deim,
og når kerubarne lyfte vengjerne sine til å hevja seg
upp frå jordi, skilde heller ikkje hjuli seg frå deim. 17

Når livendi stod, so stod dei, og når dei lyfte seg, so
lyfte dei seg med deim, for åndi åt livendi var i deim.
18 Og Herrens herlegdom gjekk ut frå dørstokken på
huset og stod yver kerubarne. 19 Og kerubarne lyfte
vengjerne sine og steig upp frå jordi medan eg såg på,
då dei gjekk ut, og hjuli innmed deim. Og dei stana
attmed inngangen åt Øystreporten på Herrens hus.
Og herlegdomen åt Israels Gud var uppe yver deim.
20 Det var dei same livendi som eg hadde set under
Israels Gud burtmed elvi Kebar, og eg skyna at det
var kerubar. 21 Og det var fire andlit på kvart eitt av
dei fire, og fire vengjer på kvart eit, og eitkvart på
skap som mannehender under vengjerne deira. 22 Og
skapnaden på andliti deira det var dei andliti som eg
hadde set attmed elvi Kebar; soleis såg dei ut, og dei
var det. Og kvart eitt av deim gjekk beint fram.

**11** Og åndi lyfte meg og flutte meg åt Øystreporten
på Herrens hus, den som snur mot aust. Og
sjå, frammed inngangen åt porten var det fem og
tjuge mann. Og eg såg midt ibland deim Ja'azanja
Azzursson og Pelatja Benajason, hovdingarne for
folket. 2 Og han sagde til meg: «Menneskjeson! Det er
desse menner som tenkjer upp urett og legg meinråder
i denne byen. 3 Det er dei som segjer: Det ber ikkje
snart til med husbyggjing; dette er gryta, og me er
kjøtet.» 4 Difor, spå imot deim! spå, du menneskjeson!
5 Og Herrens ande fall på meg, og han sagde med
meg: «Seg: So segjer Herren: Soleis hev de sagt,
Israels-menner, og kva som leikar dykk i hugen, veit
eg vel. 6 Mykje folk hev de drepe i denne byen, og
de hev fyllt gatorne med drepne. 7 Difor, so segjer
Herren, Herren: Dei de hev drepe og lagt ned der, dei
er kjøtet, og byen er gryta, men dykk skal dei føra ut or
honom. 8 Sverd ottast de, og sverd vil eg lata koma
yver dykk, segjer Herren, Herren. 9 Og eg vil føra dykk
ut derifrå og gjeva dykk i henderne på framande, og
eg vil halda dom yver dykk. 10 For sverd skal de falla;
burtmed Israels landskil vil eg døma dykk. Og de skal
sanna at eg er Herren. 11 Han skal ikkje vera gryta åt
dykk, og de skal ikkje vera kjøtet i den; burtmed Israels
landskil vil eg døma dykk. 12 Og de skal sanna at eg
er Herren, de som ikkje hev ferdast i mine bod og ikkje
gjort etter mine lover; men etter loverne åt heidningfolki
som bur rundt ikring dykk, hev de gjort. 13 Og det
hende medan eg heldt på å spå, at Pelatja Benajason
døydde. Då fall eg å gruve på mitt andlit og ropa med
sterk røyst: «Å, å! Herre, Herre! Vil du tyna alt som er
leivt i Israel?» 14 Og Herrens ord kom til meg; han
sagde: 15 Menneskjeson! Dine brør, dine brør, dine
frendar og all Israels-lyden, alle saman, til deim er det
Jerusalems-buarne segjer: «Haldt dykk langt burte frå
Herren! Me hev fenge landet til eiga.» 16 Difor, seg:
So segjer Herren, Herren: Då eg førde deim langt burt
imillom heidningarne og spreidde deim i landi, då vart
eg eit lite bil ein heilagdom åt deim i dei landi der dei
kom. 17 Difor, seg: So segjer Herren, Herren: Eg vil
samla dykk frå folki og henta dykk utor landi som de er
kringspreidde i, og eg vil gjeva dykk Israels land. 18
Ja, dit skal dei koma, og dei skal hava burt utor det all
ufysna og all styggedomen. 19 Og eg vil gjeva deim
eitt hjarta, og ei ny ånd vil eg gjeva inn i deim. Og eg
vil taka burt steinhjarta or deira kjøt, og eg vil gjeva
deim eit kjøthjarta, 20 so dei skal ferdast i mine bod og
halda mine lover og gjera etter deim. So skal dei vera
mitt folk, og eg skal vera deira Gud. 21 Men dei som
let hjarta sitt ferdast etter hjarta åt dei ufyselege og
styggjelege avgudarne sine, deira åtferd vil eg leggja
på deira hovud, segjer Herren, Herren.» 22 Då lyfte
kerubarne vengjerne sine, og hjuli fylgde med deim.
Og herlegdomen åt Israels Gud var uppe yver deim.
23 Og Herrens herlegdom steig upp midt utor byen og
stana yver fjellet som er austanfor byen. 24 Og åndi
lyfte meg og førde meg til Kaldæa, til dei burtførde - i
syni, ved Guds Ande, hende det. Og upp ifrå meg for
syni som eg hadde set. 25 Og eg tala til dei burtførde
alle dei Herrens ord som han hadde synt meg.

**12** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Midt ibland den tråssuge ætti bur
du, millom slike som hev augo å sjå med, men ikkje
ser, og øyro å høyra med, men ikkje høyrer; for ei
tråssug ætt er dei. 3 Og du, menneskjeson! Bu deg
til som du skal fara i utlægd, og far burt um dagen
framfor augo på deim, og du skal fara frå der du bur til
ein annan stad framfor augo på deim. Kann henda dei
kunde koma til å sjå; for ei tråssug ætt er dei. 4 Og du
skal føra ut bunaden din som ferdabunad høgstedags
framfor deira augo, og sjølv skal du fara ut um kvelden
framfor deira augo, sameleis som når dei fer i utlægd.
5 Brjot deg eit hol i veggen framfor deira augo, og
før bunaden din ut gjenom det! 6 Framfor augo på
deim skal du lyfta honom upp på herdi; når det er
stumende myrkt, skal du føra honom ut, og du skal
sveipa inn andlitet ditt, so du ikkje ser landet. For eg
hev gjort deg til eit teikn for Israels-lyden. 7 Og eg
gjorde so som han baud meg; eg budde meg som til
å fara i utlægd ved høgste-dagsleite, og um kvelden
braut eg meg ut gjenom veggen med handi. Og då
det var stumende myrkt vorte, førde eg bunaden min
ut; på herdi bar eg honom framfor deira augo. 8 Og
Herrens ord kom til meg um morgonen; han sagde: 9
Menneskjeson! Hev ikkje Israels-lyden, den tråssuge
ætti, sagt med deg: «Kva gjer du?» 10 Seg med deim:
So segjer Herren, Herren: Denne beringi gjeld fyrsten

i Jerusalem og all Israels-lyden som derinne er. 11
Seg: Eg er eit teikn åt dykk; likeins som eg hev gjort,
so skal det gjerast med deim; dei skal verta fangar
og fara i utlægd. 12 Og fyrsten som er hjå deim skal
taka si byrd på herdi og fara ut med det er stumende
myrkt. Dei skal brjota hol i muren og føra ut gjenom
det. Sitt andlit skal han sveipa inn, so han ikkje skal
sjå landet med sine augo. 13 Og eg vil breida ut garnet
mitt yver honom, og han skal verta fanga i mitt veide-
net. So vil eg føra honom til Babel, til Kaldæarlandet
- men det skal han ikkje sjå - og der skal han døy.
14 Og alt som ikring honom er til hjelp og alle hans
herflokkar vil eg spreida for alle vindar. Og sverd vil eg
draga ut etter deim. 15 Og dei skal sanna at eg er
Herren, når eg spreider deim millom folki og strår deim
ut i landi. 16 Men nokre få av deim vil eg leiva etter
sverd og svolt og sott, so dei kann fortelja um alle sine
styggjor millom folki som dei kjem til, og dei skal sanna
at eg er Herren. 17 Og Herrens ord kom til meg; han
sagde: 18 Menneskjeson! Et brødet ditt bivrande, og
drikk vatnet ditt skjelvande og med hugsott! 19 Og du
skal segja til landslyden: So segjer Herren, Herren um
deim som bur i Jerusalem, um Israels land: Brødet
sitt skal dei eta med hugsott, og vatnet sitt skal dei
drikka med fælske, for di deira land skal verta audt
og snaudt, av di alle ibuarane for med valdsverk. 20
Og folkerike byar skal verta lagde i øyde, og landet
skal verta ei øydemark, og de skal sanna at eg er
Herren. 21 Og Herrens ord kom til meg; han sagde:
22 Menneskjeson! Kva er det for eit ordtøke de hev i
Israels land, at de segjer: «Dagarne gjeng, og kvar
ei syn vert upp i inkje?» 23 Seg difor med deim: So
segjer Herren, Herren: Eg vil få burt dette ordtøket, og
dei skal aldri meir taka det på si tunga i Israel, men
seg med deim: Nær er dagarne komne og sannsegni i
kvar ei syn. 24 For no heretter skal det ikkje finnast
fåfengd syn og falsk spådom hjå Israels-lyden. 25 For
eg, Herren, talar det ord eg talar, og det skal setjast
i verk, det skal ikkje drygjast lenger ut. For i dykkar
dagar, du tråssuge ætt, talar eg eit ord og set det i
verk, segjer Herren, Herren. 26 Og Herrens ord kom til
meg; han sagde: 27 Menneskjeson! Sjå, Israels-lyden
segjer: «Syni han ser, gjeld dagar langt undan, og um
ukomne tider spår han.» 28 Seg difor med deim: So
segjer Herren, Herren: No heretter skal ikkje noko av
mine ord drygjast ut lenger, det ord som eg talar, skal
setjast i verk, segjer Herren, Herren.

**13** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Spå mot profetarne i Israel, som
spår, og seg med deim som spår utav eige hjarta: Høyr
Herrens ord! 3 So segjer Herren, Herren: Usæla yver
profetarne, dei dårar, som gjeng etter si eiga ånd og
etter det dei ikkje hev set! 4 Som revar i røysar er dine
profetar, Israel. 5 De er ikkje stigne upp i murrivorne
og hev ikkje mura upp verjemur kring Israels-lyden,
so han kunde standa seg i striden på Herrens dag. 6
Deira syner var fåfengd og deira spådomar lygn, dei
som segjer: So segjer Herren, endå Herren ikkje hev
sendt deim. Like vel vonar dei å vera sannspådde. 7
Er det ikkje fåfengd syn de hev set, og ljugar-spåing
de hev fare med, når de segjer: «So segjer Herren, »
enda eg ikkje hadde tala? 8 Difor, so segjer Herren,
Herren: Med di at de talar fåfengd og ser lygn, difor,
sjå, so vil eg finna dykk, segjer Herren, Herren. 9 Og
mi hand skal vera mot dei profetarne som ser fåfengd
og fer med ljugar-spåing; i mitt folks råd skal dei ikkje
vera, og i boki åt Israels-lyden skal dei ikkje verta
skrivne, og til Israels land skal dei ikkje koma; og de
skal sanna at eg er Herren, Herren, 10 for di, ja, for di
de hev villa mitt folk og sagt: «Fred, » og der er ikkje
fred - og når det byggjer ein murvegg, sjå, so stryk dei
berre kalkrøra på. 11 Seg til kalk-strjukarane, at han
vil ramla ned, det kjem eit skvalande støyteregn, og
de, haglsteinar, skal falla, og ei stormflaga skal koma
kastande. 12 Og sjå, når veggen er nedramla, vil det
då ikkje verta sagt med dykk: «Kvar vart det av kalken
som de strauk på?» 13 Difor, so segjer Herren, Herren:
I min harm let eg ei stormflaga koma kastande, og i
min vreide let eg eit skvalande støytregn koma, og i
min harm haglsteinar til å øydeleggja alt i hop. 14 Og
eg vil riva ned veggen som de strauk med kalk, og
velta honom til jordi, og hans grunnvollar skal verta
berrlagde. Når det då ramlar i røys, skal de verta tynte
i fallet, og de skal sanna at eg er Herren. 15 Og eg vil
tøma ut all mi vreide yver veggen, og yver deim som
strauk honom med kalk. Då vil eg segja med dykk:
Burte er både veggen og dei som strauk på honom,
16 profetarne i Israel som spådde um Jerusalem og
såg fredssyner åt det, endå det ikkje var fred, segjer
Herren, Herren. 17 Og du, menneskjeson! Vend di
åsyn mot ditt folks døtter, som spår ut av sitt eige
hjarta, og spå imot deim! 18 Og du skal segja: So
segjer Herren, Herren: Usæla yver dei kvende som
saumar bindsl åt alle handleder og lagar hovudsveip åt
alle, både store og små, so dei kann fanga sjæler!
De fangar sjæler for folket mitt, og andre sjæler held
de i live, dykk til vinning. 19 Og de vanhelgar meg
for mitt folk for nokre korn-nevar og brødmolar - til å
drepa sjæler som ikkje skulde døy, og til å halda liv i
sjæler som ikkje skulde liva, med di de lyg for lyden
min som lyder på lygn. 20 Difor, so segjer Herren,
Herren: Sjå, eg vil få tak i bindsli dykkar, som de fangar
sjælerne med likeins som fuglar, og vil riva deim av
armarne dykkar. Og eg vil fria sjælerne som de hev

fanga, sjæler likeins som fuglar. 21 Og eg vil riva
sund dykkar hovudsveip og berga mitt folk utor dykkar
hender, so dei aldri meir skal vera veidefang i dykkar
hender, og de skal sanna at eg er Herren. 22 For di de
ved lygn fær rettferdig manns hjarta til å vanmodast,
endå eg ikkje hev gjort honom vanmoda, og de hev
gjort gudlaus manns hender sterke, for at han ikkje
skulde venda um frå sin vonde veg so eg kunde få
halda honom i live, 23 difor skal de ikkje hava fåfengde
syner, og rune-kunster fær det ikkje fara med lenger;
og eg vil berga mitt folk ut or dykkar hender, og de skal
sanna at eg er Herren.

**14** Og det kom til meg nokre av styresmennerne i
Israel og sette seg for mi åsyn. 2 Og Herrens ord
til meg; han sagde: 3 Menneskjeson! Desse mennerne
hev teke dei ufysne avgudarne sine upp i sitt hjarta, og
det som er støytestein og fører deim til misgjerning,
hev dei sett framfor si åsyn: skulde eg lata deim
spyrja meg? 4 Difor, tala til deim og seg med deim:
So segjer Herren, Herren: Ein og kvar av Israels-
lyden som tek dei ufysne avgudarne sine upp i sitt
hjarta, og set framfor si åsyn det som er støytestein
til misgjerning, og so kjem til profeten, honom vil eg,
Herren, gjeva svar som høver honom med dei mange
ufysne avgudarne hans, 5 so eg kann gripa Israels-
lyden i deira hjarta, for di dei alle saman hev vendt seg
frå meg med dei ufysne avgudarne sine. 6 Difor, seg
med Israels-lyden: So segjer Herren, Herren: Vend um
og vend dykk burt frå dei ufysne avgudarne dykkar, og
vend dykkar åsyn burt frå alle styggjorne dykkar! 7 For
kvar og ein av Israels-lyden - eller av framande som
bur i Israel - som skil seg frå meg og tek dei ufysne
avgudarne sine upp i sitt hjarta, og set framfor si åsyn
det som er støytestein til misgjerning, og so kjem til
profeten og ved honom vil spyrja meg, honom vil eg,
Herren, sjølv svara; 8 og eg vil setja mi åsyn mot den
mannen og tyna honom og gjera honom til eit teikn og
eit ordtøke og rydja honom ut or mitt folk. Og de skal
sanna at eg er Herren. 9 Og når profeten let seg lokka
og talar eit ord, so hev eg, Herren, lokka den profeten,
og eg vil retta ut handi mi mot honom og øyda honom
ut or mitt folk Israel. 10 Og dei skal bera si misgjerning;
likeins som med misgjerningi åt spyrjaren skal det
vera med misgjerningi åt profeten, 11 so Israels-lyden
ikkje meir skal villast burt frå meg og ikkje meir sulka
seg med alle sine misgjerningar. Men dei skal vera
mitt folk, og eg skal vera deira Gud, segjer Herren,
Herren. 12 Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 13
Menneskjeson! Når eit land syndar mot meg og fer
med svik, og eg retter ut mi hand imot det og bryt sund
brødstaven for det og sender svolt i det og ryd ut or
det folk og fe, 14 og desse tri menner være der: Noah
og Daniel og Job, då skulde dei med si rettferd berre
berga si eigi sjæl, segjer Herren, Herren. 15 Og um eg
let udyr fara gjenom landet og gjera det folketomt, so
det vart likt ei øydemark, at ingen kunde ferdast der
berre for udyri, 16 då skulde, so sant som eg liver,
segjer Herren, Herren, desse tri mennerne, um dei
være der, korkje berga søner eller døtter; dei åleine
skulde verta berga, men landet verta ei øydemark. 17
Eller um eg let sverd koma yver det landet og sagde:
«Sverd skal fara gjenom landet, » og eg rudde ut or
det folk og fe, 18 og desse tri mennerne være der - so
sant som eg liver, segjer Herren, Herren - dei skulde
ikkje berga søner og døtter, berre dei åleine skulde
verta berga. 19 Eller um eg sende sott i det landet og
rende ut harmen min yver det med blod til å rydja ut
or det folk og fe, 20 og Noah og Daniel og Job være
der - so sant som eg liver, segjer Herren, Herren - dei
skulde ikkje berga son eller dotter; dei skulde, ved
si rettferd, berga berre si eigi sjæl. 21 For so segjer
Herren, Herren: Enn når eg då sender dei fire øgjelege
straffedomarne mine: sverd og svolt og udyr og sott
yver Jerusalem til å rydja ut or det både folk og fe! 22
Men sjå, det vert leivt nokre undankomne, som vert
burtførde, søner og døtter - sjå, dei skal fara til dykk,
og de skal sjå deira åtferd og gjerningar; då skal de
trøysta dykk etter ulukka som eg førde yver Jerusalem,
alt som eg let koma yver det. 23 Og dei skal trøysta
dykk, når de ser deira åtferd og gjerningar. Då skal de
skyna at eg ikkje utan grunn hev gjort alt det eg hev
gjort imot det, segjer Herren, Herren.

**15** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Kva fyremun hev vintreet framfor
alle andre tre, den vintre-renningen som er millom trei i
skogen? 3 Brukar ein det til noko slag gagnved? eller
lagar ein av det ein nabb til å hengja noko slag bunad
på? 4 Sjå, ein nører elden med det, og elden brenner
båe endarne, og midluten vert sviden. Kann det då
duga til noko yrke? 5 Sjå, medan det var heilt, var
det ikkje brukande til noko yrke: kor mykje minder når
elden hev brent på det, og det er svide! Skulde det
då vera brukande til yrke? 6 Difor, so segjer Herren,
Herren: Likeins som med veden av vintreet millom trei
i skogen, som eg nører elden med, soleis gjer eg og
med Jerusalems-buarne. 7 Og eg vil setja mi åsyn mot
deim; utor elden gjekk dei, men elden skal endå øyda
deim ut. Og de skal sanna at eg er Herren, når eg
set mi åsyn mot deim. 8 Og eg vil gjera landet til ei
øydemark, for di dei hev svike meg, segjer Herren,
Herren.

**16** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Lat Jerusalem få vita um sin

styggedom. 3 Og du skal segja: So segjer Herren,
Herren til Jerusalem: Ditt upphav og di ætt er frå
Kananitarlandet; far din var ein amorit og mor di ei
hetitkvinna. 4 Då du kom til, den dagen du vart fødd,
skar dei ikkje navlestrengen din, og ikkje vart du
reintvegi med vatn og ikkje gnidi inn med salt og ikkje
reiva med reivar. 5 Ikkje eit auga ynka deg, so dei
gjorde noko av dette med deg av miskunn imot deg,
men du vart kasta på berre marki, av di dei fekk stygg
til deg den dagen du vart fødd. 6 Då gjekk eg framum
deg og såg deg, der du låg og sprala i ditt blod. Og eg
sagde med deg: «Du som ligg der i blodet ditt, liv!» Ja,
eg sagde med deg: «Du som ligg der i blodet ditt, liv!»
7 Til mange tusund, som blomar i eng, gjer eg deg. Og
du voks og vart stor og nådde den høgste vænleik.
Brjosti vart faste, og håret ditt voks. Men du var berr
og naki. 8 Då gjekk eg framum deg og såg deg, og
sjå, di tid var komi, elskhugstidi. Og eg breidde eg
kappa mi yver deg og løynde blygsli di. Og eg svor deg
truskapseid og gjorde pakt med deg, segjer Herren,
Herren, og du vart mi. 9 Og eg tvo deg i vatn og
skylde blodet av deg, og salva deg med olje. 10 Og eg
klædde deg i rosesauma ty og hadde på deg skor av
markuskinn og batt på deg eit fint hovudlin og sveipte
deg i silke. 11 Og eg prydde deg med prydnadsting, og
gav deg armband på henderne og kjeda um halsen. 12
Og eg sette ein ring i nosi di og øyreringar i øyro dine
og ei fager kruna på hovudet ditt. 13 Og du prydde deg
med gull og sylv, og klædnaden din var fint linty og
silke og rosesauma ty. Fint mjøl og honning og olje
fekk du til mat. Du vart ovende fager, so du vart ei
høveleg dronning. 14 Og du vart namngjeti millom folki
for din vænleik, for han var fullkomen ved mi pryda
som eg hadde butt deg til med, segjer Herren, Herren.
15 Men du leit på din vænleik og dreiv hor i kraft av
di namnfrægd, og du auste ut din hordom yver kvar
og ein som gjekk framum - han skal få det! 16 Og av
klædi dine tok du og gjorde deg spreklute offerhaugar
og dreiv hor på deim - slikt må ikkje koma på, ikkje
henda. 17 Og du tok dine prydnadsting av gullet mitt
og sylvet mitt som eg hadde gjeve deg, og gjorde deg
mannsbilæte, og du dreiv hor med deim. 18 Og du tok
dine rosesauma klæde og hadde på deim, og min olje
og min røykjelse sette du fram åt deim. 19 Og brødet
mitt som eg gav deg, finmjølet og oljen og honningen
som eg hadde gjeve deg til mat, det sette du fram
åt deim til godange; soleis gjekk det, segjer Herren,
Herren. 20 Og du tok dine søner og døtter, som du
hadde født åt meg, og ofra deim til mat åt deim. Var det
då ikkje nok at du dreiv hor, 21 sidan du jamvel slagta
borni mine og gav deim burt, med di du let deim ganga
gjenom elden for deim? 22 Og i alle dine styggjor og
din hordom kom du ikkje i hug dine ungdomsdagar, då
du var berr og naki og låg og sprala i ditt blod. 23 So
hende etter all din vondskap - usæl, usæl vere du!
segjer Herren, Herren - 24 at du bygde deg ein kvelving
og gjorde deg ein offerhaug på alle torg. 25 Attmed
kvart eit vegemot bygde du din haug og skjemde din
vænleik og breidde føterne ut for kvar og ein som gjekk
framum, ja, du dreiv mykjen hordom. 26 Og du dreiv
hor med Egyptarlands-sønerne, grannarne dine, som
hev stort kjøt, og du dreiv mykjen hordom til å harma
meg med. 27 Og sjå, eg rette ut mi hand og minka på
det eg hadde etla åt deg, og eg let deim som hata
deg fara åt med deg som dei vilde, filistardøtterne,
som blygdest yver di skjemdaråtferd. 28 Og du dreiv
hor med Assurs-sønerne, av di du ikkje hadde fenge
ditt nøgje, og du dreiv hor med deim, men endå fekk
du ikkje ditt nøgje. 29 Og du for verre fram med din
hordom, alt til kræmarlandet Kaldæa, men endå fekk
du ikkje ditt nøgje. 30 Å, kor hjarta ditt brann av gir! -
segjer Herren, Herren - at du kunde gjera alt dette, og
fara åt som den skamlausaste skjøkja 31 og byggja
din kvelving attmed kvart eit vegemot og gjera dine
haugar på kvart eit torg! Men du var ikkje som ei
onnor skjøkja, med di du vanvyrde skjøkjeløn. 32 Du
horkona! I staden for med mannen din held du deg
med framande! 33 Alle skjøkjor gjev dei gåvor; men du
gav alle dine elskarar gåvorne dine og kjøpte deim til å
koma til deg frå alle leider og driva hor med deg. 34
Og du vart reint umsnudd imot andre kvende, i din
ukjurskap; etter deg laup ingen, men du gav horeløn,
du fekk ikkje, so rangsnudd var du. 35 Difor, du skjøkja,
høyr Herrens ord! 36 So segjer Herren, Herren: For
di du auste ut dine pengar og nækte di skam i din
ulivnad med dine elskarar og med alle dine ufysne
avgudar, og du spillte blod av dine born, som du gav
deim, 37 difor, sjå, so samlar eg alle dine elskarar,
som du tektest, og alle som du elska med alle som du
hata, og eg vil samla deim imot deg frå alle leider og
nækja di skam framfyre deim, og dei skal få sjå all di
skam. 38 Og eg vil lata same domen ganga yver deg
som yver horkonor og slike som spiller blod, og eg
vil gjera deg til eit blodigt offer for brennande harm
og åbry. 39 Og eg vil gjeva deg i deira hand, og dei
skal riva ned din kvelving, og brjota ned dine haugar,
og hava av deg klædi dine, og taka dine dyrverdige
prydnadsting, og lata deg liggja der naki og berr. 40
Og dei skal gjera manngard um deg og steina deg i
hel og hogga deg sund med sverdi sine. 41 Og dei
skal brenna upp dine hus med eld og halda dom yver
deg framfor augo på mange kvinnor. Og eg vil gjera
ende på din hordom, og heller ikkje skjøkjeløn skal
du heretter gjeva. 42 Og eg vil svala min heite harm

på deg, og mitt åbry mot deg skal kverva. So vil eg
halda meg i ro og ikkje lenger vera vreid. 43 Av di at
du ikkje mintest ungdomsdagarne dine, men harma
meg med alt dette, sjå, so vil eg og lata di åtferd koma
på ditt hovud, segjer Herren, Herren; for hev du ikkje
lagt skamløysa attåt alle styggjorne dine? 44 Sjå, alle
som brukar ordtøke, skal hava dette til ordtak um deg:
«Som mori, so dotteri.» 45 Du er dotter åt mor di, som
stygdest ved mannen sin og borni sine, og du er syster
åt systerne dine, som stygdest ved mennerne og borni
sine: ei hetitkvinna er mor dykkar og ein amorit far
dykkar. 46 Og den store syster di er Samaria, og
hennar døtter, som bur på vinstre handi åt deg, og den
litle syster di, som bur på høgre handi, er Sodoma og
hennar døtter. 47 Fulla gjekk du ikkje på deira vegar og
gjorde ikkje styggjor som dei; men berre eit lite bil - so
for du verre åt enn dei på alle dine vegar. 48 So sant
som eg liver, segjer Herren, Herren: Sodoma, syster
di, ho og hennar døtter, hev ikkje gjort som du, og
dine døtter. 49 Sjå, dette er misgjerningi åt Sodoma,
syster di: ovmod; nøgdi med brød og sutlaus ro hadde
ho og døtterne hennar; men handi åt armingen og
fatigmannen styrkte ho ikkje. 50 Og med storlæte for
dei, og dei gjorde skjemdarverk framfor mi åsyn; då
rudde eg deim burt, fyrst eg såg det. 51 Og Samaria
hev ikkje synda halvt so mykje som du, og du hev gjort
dine styggjor fleire enn deira, so du gjorde systerne
dine rettferdige med alle styggjor som du for med. 52
Ber då du og di skam, du som hev dømt dine syster
orsakande; i dine synder hev du vore skamlausare
enn dei, og soleis vart dei rettferdigare enn du. So
skulde du blygjast, du og, og bera di skam, med di
du gjer systerne dine rettferdige. 53 Men eg vil enda
deira utlægd, utlægdi for Sodoma og hennar døtter
og utlægdi for Samaria og hennar døtter og utlægdi
for dine eigne utlæge midt imillom deim, 54 for at du
skal bera di skam og skjemmast av alt det du hev gjort
med di du trøystar deim. 55 Og systerne dine, Sodoma
og hennar døtter, skal atter verta det dei fordom var,
og Samaria og hennar døtter skal atter verta det dei
fordom var, og du og dine døtterne skal atter verta
det dei fordom var. 56 Var ikkje syster di, Sodoma,
eit uord i munnen din i ovmods-dagarne dine, 57 fyrr
vondskapen din vart synberr - liksom i den tidi då dei
hædde deg, Arams-døtterne og alle der kringum, og
filistardøtterne som svivyrde deg rundt ikring? 58 Di
skjemd og dine styggjor skal du bera, segjer Herren.
59 For so segjer Herren, Herren: Eg vil fara åt med deg
etter di eigi åtferd, du som vanvyrde eiden med di du
braut pakti. 60 Men eg vil minnast mi pakt med deg i
ungdomsdagarne dine, og eg vil gjera ei ævepakt med
deg. 61 Og du skal minnast dine vegar og blygjast, når
du tek imot systerne dine, dei som er større enn du,
og dei som er mindre enn du, og eg gjev deg deim til
døtter, endå at dei ikkje var med i di pakt. 62 Og eg
vil gjera mi pakt med deg, og du skal sanna at eg er
Herren, 63 for at du skal minnast og blygjast og ikkje
lata upp munnen din berre for blygsl, når eg tilgjev deg
alt det du hev gjort, segjer Herren, Herren.

**17** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Legg upp ei gåta og set fram
ein liknad åt Israels-lyden. 3 Og du skal segja: So
segjer Herren, Herren: Den store ørnen med dei store
vengjerne, dei lange slagfjørerne, og fjørhamen fullsett
med spriklute fjører, kom til Libanon og tok toppen
av cedertreet. 4 Øvste kvisten braut han av og førde
honom til eit kræmarland og sette honom ned i ein
kjøpmannsby. 5 Sidan tok han ein renning der i landet
og sette honom i dyrka jord; han tok og sette honom
som ein seljetein der det var nøgdi med vatn. 6 Og
han voks og vart til eit vintre, vidt og lågvakse, so hans
rankar skulde venda seg til ørnen og røterne hans
skulde vera under honom. Han vart soleis til eit vintre
som fekk greiner og skaut renningar. 7 So var det ein
annan stor ørn med store vengjer og yven fjørham. Og
sjå, dette vintreet krøkte røterne sine burtåt honom, og
frå den sengi der det var planta, tøygde det rankorne
sine mot honom for at han skulde vatna det, 8 endå
at det var planta i god jord og attmed mykje vatn, so
det kunde skjota greiner og bera frukt og verta eit
gildt vintre. 9 Seg: So segjer Herren, Herren: Skal
det trivast? Vil ikkje hin ørnen slita upp røterne og
riva frukti av det so det tornar? Kvart eit sprettande
blad skal torna, so ein tarv ikkje stor magt og mykje
folk til å riva det upp mot rotom. 10 Sjå, det er planta;
skal det trivast? Vil det ikkje torna, verta knas-turt, når
austanvinden kjem burti det? I sengi der det veks, skal
det torna. 11 Og Herrens ord kom til meg; han sagde:
12 Seg til den tråssuge lyden: Skynar de ikkje kva
dette er? Seg: Sjå, Babel-kongen kom til Jerusalem,
og han tok kongen og hovdingarne og førde deim med
seg til Babel. 13 Og han tok ein utav kongsætti og
gjorde pakt med honom og let honom gjera eiden,
og dei megtige i landet tok han burt, 14 for at det
skulde vera eit litevore kongerike og ikkje hevja seg
upp, so det skulde halda pakti med honom og standa
seg. 15 Men han sette seg upp imot honom, med di
han let sine sendemenner fara til Egyptarland, for at
dei skulde gjeva honom hestar og mykje folk. Skal
det ganga honom vel? Skal han sleppa undan, den
som gjer slikt? Skal han få brjota pakt og sleppa frå
det? 16 So sant som eg liver, segjer Herren, Herren,
sanneleg, på den staden der han er, den kongen som

gjorde honom til konge - eiden hans svivyrde han, og
pakti med honom braut han - hjå honom, midt i Babel,
skal han døy. 17 Og Farao skal ikkje hjelpa honom
i striden med stor her og mykje folk, når dei kastar
upp ein voll og byggjer åtaksmurar til å tyna mange
liv. 18 Han svivyrde eiden då han braut pakti, og sjå,
han hadde gjeve handtak på det, og alt dette hev han
gjort; sleppa undan skal han ikkje. 19 Difor, so segjer
Herren, Herren: So sant som eg liver, sanneleg, eiden
min som han svivyrde, og pakti mi som han braut,
vil eg leggja på hans hovud. 20 Og eg vil breida ut
garnet mitt yver honom, og han skal verta fanga i mitt
net. Og eg vil føra honom til Babel og ganga til doms
med honom der for sviket han sette upp imot meg. 21
Og alle som vil røma undan ut or alle hans fylkingar,
for sverd skal dei falla, og dei som vert leivde, skal
verta spreidde for alle vindar, og de skal sanna at eg,
Herren, hev tala. 22 So segjer Herren, Herren: Då vil
eg taka av toppen på det høge cedertreet og setja;
av dei øvste kvisterne vil eg brjota ein grann teinung,
og eg vil planta honom på eit høgt og rise fjell. 23 På
Israels høge fjell vil eg planta honom, og han skal få
greiner og bera frukt og verta eit gildt cedertre. Og alle
fuglar, alt fljugande, skal bu under det, i skuggen av
greinerne på det skal dei bu. 24 Og alle trei på marki
skal skyna at eg, Herren, hev gjort eit høgt tre lågt og
eit lågt tre høgt, hev late eit grønt tre torna og eit turt
tre grønka. Eg, Herren, hev tala, og eg set det i verk.

**18** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Korleis kann de bruka dette ordtøket i Israels
land og segja: «Federne åt sure druvor, og borni vart
sårtennte.» 3 So sant som eg liver, segjer Herren,
Herren, de skal ikkje få bruka dette ordtøket meir i
Israel. 4 Sjå, alle sjælerne er mine, både sjæli åt faren
og sjæli åt sonen; mine er dei; den sjæl som syndar,
ho skal døy. 5 Og når ein mann er rettferdig og gjer
rett og rettferd: 6 ikkje et offermat på fjelli og ikkje
kaster augo sine på dei ufysne avgudarne åt Israels-
lyden og ikkje skjemmer kona åt grannen sin og ikkje
kjem nær ei kvinna medan ho er urein, 7 og ikkje er
hard imot nokon, let skuldmannen få pantet sitt att,
ikkje fer med ransverk, gjev den hungrige sitt brød og
klæder den nakne, 8 ikkje låner ut for renta og ikkje
tek yvermål, held si hand burte frå det som rangt er,
dømer rett dom mann og mann imillom, 9 ferdast i
mine bod og held mine lover, so han gjer det som
rett er - han er rettferdig, liva skal han, segjer Herren,
Herren. 10 Men han fær kann henda ein son som tek til
med valdsverk, renner ut blod eller gjer eitkvart sovore
11 - endå han ikkje gjorde noko slikt - for han et ogso
offermat på fjelli, skjemmer kona åt grannen sin, 12 er
hard imot armingen og fatigmannen, fer med ransverk,
gjev ikkje pant tilbake, kaster augo sine på dei ufysne
avgudar, fer med styggedom, 13 låner ut for rente og
tek yvermål - og so skulde han liva! Han skal ikkje liva.
Alle desse styggjor gjorde han; banen hans skal det
verta, blodet hans skal koma yver honom. 14 Men sjå,
so fær han ein son, og han ser alle synderne åt far sin
som han gjorde, han ottast og gjer ikkje etter deim; 15
han et ikkje offermat på fjelli og kastar ikkje augo sine
dei ufysne avgudarne åt Israels-lyden, skjemmer ikkje
kona åt grannen sin 16 og er ikkje hard mot nokon, tek
ikkje pant og fer ikkje med ransverk, gjev den hungrige
sitt brød og klæder den nakne, 17 held handi si tilbake
frå armingen, tek ikkje renta og yvermål, gjer etter
mine lover og ferdast i mine bod. Han skal ikkje døy
for misgjerningi åt far sin, liva skal han. 18 Far hans
som for med valdsverk og rana frå bror og gjorde det
som ikkje er godt midt i lyden sin, sjå han laut døy
for si misgjerning. 19 Men de segjer: «Kvi skal ikkje
sonen bera syndeskuldi åt far sin?» Sonen hev då gjort
rett og rettferd alle mine bod hev han halde og gjort
etter deim; liva skal han. 20 Den sjæli som syndar,
ho skal døy. Son skal ikkje bera syndeskuldi åt far
sin, og far skal ikkje bera syndeskuldi åt son sin. Yver
den rettferdige skal hans rettferd vera, og yver den
gudlause skal hans gudløysa vera. 21 Men når den
ugudlege vender um frå alle sine synder som han hev
gjort, og held alle mine bod og gjer rett og rettferd, då
skal han liva og ikkje døy. 22 Alle hans misgjerningar
som han hev gjort, skal vera gløymde; ved si rettferd
som han gjorde, skal han liva. 23 Skulde eg hava
hugnad i det, at den ugudlege døyr? segjer Herren,
Herren. Måtte ikkje det fegna meg, at han vendar um
frå sin veg og liver? 24 Men når ein rettferdig vender
um frå si rettferd og gjer urett, alle slike styggjor som
den ugudlege gjer, skulde han gjera det og liva? All
hans rettferd som han gjorde, skal verta gløymd. For
den truløysa han for med, for det skal han døy. 25 Og
de segjer: «Herrens åtferd er ikkje rett.» Høyr då, du
Israels-lyd! Er ikkje mi åtferd rett? Er det ikkje dykkar
åtferd som ikkje er rett? 26 Når ein rettferdig vender
um frå si rettferd og gjer urett, so skal han difor døy;
for sin urett som han gjorde, skal han døy. 27 Og når
ein ugudleg vender um frå si gudløysa, som han hev
gjort, og gjer rett og rettferd, so skal han halda si sjæl i
live. 28 For han såg alle sine misgjerningar som han
hadde gjort, og vende um frå deim; liva skal han, han
skal ikkje døy. 29 Men Israels-lyden segjer: «Herrens
åtferd er ikkje rett.» Er ikkje mi åtferd rett, du Israels
lyd? Er det ikkje dykkar åtferd som ikkje er rett? 30
Difor vil eg døma dykk, du Israels lyd, ein og kvar etter
hans åtferd, segjer Herren, Herren. Vend um og vend
dykk burt frå alle dykkar misgjerningar, so ikkje skuld

skal føra dykk til fall! 31 Kasta frå dykk alle dykkar
misgjerningar som de hev misfare dykk med, og få
dykk eit nytt hjarta og ei ny ånd! For kvi vil de døy, du
Israels lyd? 32 For eg hev ikkje hugnad i dauden åt
den som døyr, segjer Herren, Herren. So vend då um,
so skal de liva!

**19** Og du, set i med ein syrgjesong um Israels
fyrstar 2 og seg: «Kvar er mor di? Ei løvemor.
Millom løvor ho låg, i ungløve-lag sine ungar ho ol. 3
Og ho tamde upp ungen den eine, han vart ungløva,
han, og han lærde å riva til seg ran; menner han åt. 4
Og folkeslag høyrde um honom; han vart fanga i deira
grav, og med naseringar på vart han førd til Egypt. 5
Og ho såg det - for ho stunda -: Hennar von var spilt.
So tok ho ein til av sine ungar, honom sette ho til løva
å vera. 6 Og han sveiv ikring millom løvor, ei ungløva
sjølv. Og han lærde å røva til seg ran; menner åt han.
7 Og han skjemde enkjorne deira, og han lagde deira
byar øyde. Og landet med alt som var i det tok fæla
av buringi hans. 8 Då gjekk dei imot honom, folki frå
fylki rundt ikring, og breidde sitt garn yver honom. Han
vart fanga i deira grav. 9 Og dei sette honom i bur,
med naseringar på, og førde honom til kongen i Babel.
So sette dei honom i tjukkmura borger, for at ein aldri
meir skulde høyra hans røyst burtpå Israelsfjelli. 10
Medan du fekk vera i ro, var di mor som eit vintre,
planta attmed vatn, rikt på frukt og på greiner av alt
det vatnet det hadde. 11 Og det fekk sterke greiner til
hovdingestavar, og høgt voks det upp millom skyer, og
det var audsynt for si høgd og for rankorne mange.
12 Då vart det rive upp i harm og kasta på jordi, og
austanvinden forturka frukti. Greinerne dei sterke vart
rivne av og torna, elden øydde deim ut. 13 Og no er
det planta i audni, i eit land so turt og tyrst. 14 Og eld
gjekk ut frå den kvistute grein, han øydde frukti. Og
det hev ikkje meir nokor sterk grein til hovdingstav.» -
Ein syrgjesong er det, og til ein syrgjesong vart det.

**20** Og det hende i det sjuande året, den tiande
dagen i den femte månaden, at det kom nokre
av Israels styresmenner og vilde spyrja Herren. Og
dei sette seg framfor mi åsyn. 2 Og Herrens ord kom
til meg; han sagde: 3 Menneskjeson! Tala til Israels
styresmenner og seg med deim: So segjer Herren,
Herren: Er det komne og vil spyrja meg? So sant som
eg liver, so let eg ikkje dykk få spyrja meg, segjer
Herren, Herren. 4 Vil du døma deim, vil du døma,
menneskjeson? Lat deim få vita styggedomen åt sine
feder! 5 Og du skal segja med deim: So segjer Herren,
Herren: Den dagen eg valde ut Israel, og rette handi
mi i veret for avkjømet i Jakobs hus og let deim verta
kjende med meg i Egyptarlandet, då eg rette upp handi
mi for deim og sagde: «Eg er Herren, dykkar Gud» - 6
den dagen rette eg upp handi på det, at eg vilde føra
deim ut or Egyptarlandet og til eit land som eg hadde
set ut åt deim, som fløymer med mjølk og honning;
det er det fagraste av alle land. 7 Og eg sagde med
deim: «Kvar og ein av dykk kaste burt dei styggetingi
han hev framfor augo, og gjer dykk ikkje ureine med
Egyptarlands ufysne avgudar! Eg er Herren, dykkar
Gud.» 8 Men dei var tråssuge mot meg og vilde ikkje
høyra på meg; styggetingi dei hadde framfor augo,
kasta dei ikkje burt, og Egyptarlands ufysne avgudar
vende dei seg ikkje ifrå. Då sagde eg at eg vilde renna
ut yver deim min harm og tøma ut min vreide på deim
midt i Egyptarlandet. 9 Og eg gjorde det for mitt namn
skuld, so det ikkje skulde verta vanhelga framfor augo
på dei folki som dei budde ibland, og som såg på
at eg let deim verta kjende med meg og vilde føra
deim ut or Egyptarland. 10 Og eg førde deim ut or
Egyptarland og let deim koma inn i øydemarki. 11 Og
eg gav deim bodi mine og kunngjorde deim mine lover,
som menneskja skal helda og so liva ved deim. 12 Og
eg gav deim og kviledagarne mine, so dei skulde vera
til eit teikn millom meg og deim, so dei skulde vita at eg
er Herren som helgar deim. 13 Men Israels-lyden var
tråssug imot meg i øydemarki; i mine bod ferdast dei
ikkje, og dei svivyrde loverne mine, som menneskja
skal halda og so liva ved deim, og kviledagarne mine
vanhelga dei ovleg. Då sagde eg at eg vilde renna
utyver deim min harm og tyna deim i øydemarki. 14
Men det vilde eg gjera for mitt namn skuld, so det
ikkje skulde verta vanhelga framfor augo på dei folki
som såg på at eg førde deim ut. 15 So rette eg og
upp handi i øydemarki på det, at eg ikkje vilde lata
deim koma inn i det landet som eg hadde gjeve, som
fløymer med mjølk og honning, det som er det fagraste
av alle land, 16 for di dei svivyrde loverne mine og ikkje
ferdast i bodi mine og vanhelga kviledagarne mine.
For etter deira ufysne avgudar for deira hjarto. 17 Men
mitt auga sparde deim, so eg ikkje tynte deim, og eg
gjorde ikkje reint ende på deim i øydemarki. 18 Og eg
sagde til borni deira i øydemarki: «I bodi åt federne
dykkar må de ikkje ferdast, og loverne deira må det
ikkje halda, og med deira ufysne avgudar må de ikkje
gjera dykk ureine. 19 Eg er Herren, dykkar Gud; i bodi
mine skal det ferdast, og loverne mine skal det halda,
og etter deim skal det gjera. 20 Og kviledagarne mine
skal de helga, og dei skal vera eit teikn millom meg og
dykk, so de skal vita at eg, Herren, er dykkar Gud.»
21 Men dei var tråssuge mot meg, borni; i bodi mine
ferdast dei ikkje, og loverne mine heldt dei ikkje, so dei
gjorde etter deim, dei som menneskja skal gjera etter
og so liva ved deim; kviledagerne mine vanhelga dei.

Då sagde eg at eg vilde renna utyver deim min harm
og tøma ut min vreide på deim i øydemarki. 22 Men eg
tok handi mi tilbake og gjorde det for mitt namn skuld,
so det ikkje skulde verta vanhelga framfor augo på
dei folki som hadde set på at eg førde deim ut. 23 So
rette eg og upp handi i øydemarki på det, at eg vilde
spreida deim millom heidningfolki og strå deim i landi,
24 for di dei ikkje heldt loverne mine, men svivyrde bodi
mine og vanhelga kviledagarne mine, og deira augo
for etter dei ufysne avgudarne åt federne deira. 25 So
gav eg deim og bod som ikkje var gode, og lover som
dei ikkje kunde liva ved. 26 Og eg let deim verta ureine
med offergåvorne sine, med di dei let ganga gjenom
elden alt som opnar morsliv, so eg kunde tyna deim,
for at dei skulde skyna at eg er Herren. 27 Difor, tala til
Israels-lyden, du menneskjeson! og du skal segja med
deim: So segjer Herren, Herren: Med det og hædde
dykkar feder meg, at dei for med svik imot meg. 28 For
eg førde deim inn i landet som eg med upprett hand
hadde lova deim; men fyrst dei såg ein høg haug eller
eit lauva tre, so ofra dei der sine slagtoffer, og der bar
dei fram gåvor til å harmast av, og dit kom dei med
godangen sin, og der rende dei ut sine drykkoffer. 29
Då sagde eg med deim: «Kva er det med haugen,
sidan de kjem dit?» Og han fekk namnet «haug» alt til
denne dag. 30 Difor, seg med Israels-lyden: so segjer
Herren, Herren: Vil de sulka dykk likeins som federne
dykkar og i hordom renna etter deira styggedom? 31
Ved gåvorne det kjem med og ved borni dykkar, som
det let ganga gjenom elden, sulkar de dykk med alle
dykkar ufysne avgudar alt til denne dag - og so skulde
eg lata dykk spyrja meg, du Israels-lyd! So visst som
eg liver, segjer Herren, Herren, dykk let eg ikkje spyrja
meg. 32 Og det som leikar dykk i hugen, skal ikkje
henda - når de segjer: «Me vil vera som heidningfolki,
som hitt folket i landi; me vil tena tre og stein.» 33 So
sant som eg liver, segjer Herren, Herren: med sterk
hand og med strak arm og med utrend harm vil eg
rikja yver dykk. 34 Og eg vil føra dykk ut frå folki og
samla dykk ut or landi, der som de var spreidde, med
sterk hand og med strak arm og med utrend harm. 35
Og eg vil føra dykk til folkeheidi, og der vil eg ganga til
doms med dykk, andlit til andlit. 36 Likeins som eg
gjekk til doms med federne dykkar i øydemarki attmed
Egyptarlandet, so vil eg ganga til doms med dykk,
segjer Herren, Herren. 37 Og eg vil lata dykk ganga
framum under hyrdingstaven, og eg vil leida dykk inn i
pakt-bandet. 38 Og eg vil skilja ut ifrå dykk deim som
sette seg upp imot meg og fall frå meg. Ut or landi der
dei bur i utlægd, vil eg føra deim, men inn i Israels land
skal dei ikkje koma. Og de skal sanna at eg er Herren.
39 Og du, Israels-lyd! So segjer Herren, Herren: Berre
gakk, kvar ein av dykk, og ten dykkar ufysne avgudar!
Men sidan skal de, sant og visst, høyra på meg og
aldri meir vanhelga mitt heilage namn med gåvorne
dykkar og med dei ufysne avgudarne dykkar. 40 For på
mitt heilage fjell, på Israels høge fjell, segjer Herren,
Herren, der skal de tena meg, all Israels lyd, alle som i
landet er. Der vil eg hava hugnad i deim, og der vil eg
spyrja etter offergåvorne dykkar og etter fyrstegrøda
som de kjem med av alt det de helgar. 41 For den
gode angen skuld vil eg hava hugnad i dykk, når eg
fører dykk ut frå folki og samlar dykk ut or landi der
som de var spreidde, og helgar dykk framfor augo på
folkeslagi. 42 Og de skal sanna at eg er Herren, når
eg fører dykk til Israels land, det landet som eg med
upprett hand hadde lova federne dykkar. 43 Der skal
de minnast dykkar vegar og alle dei gjerningar som de
hev sulka dykk med, og de skal styggjast ved dykk
sjølve for alt det vonde som de hev gjort. 44 Og de
skal sanna at eg er Herren, når eg fer so åt med dykk
for mitt namn skuld, ikkje etter dykkar vonde vegar
og dykkar illgjerningar, du Israels-lyd, segjer Herren,
Herren. 45 Herrens ord kom til meg; han sagde: 46
Menneskjeson! Snu di åsyn mot sud og preika mot
sud og spå imot skogen på marki i sud! 47 Og du skal
segja til skogen i sud: Høyr Herrens ord! so segjer
Herren, Herren: Sjå, eg set eld på deg, og han skal
svida av kvart eit grønt tre og kvart eit turt tre i deg.
Den logande elden skal ikkje slokna, men han skal
skambrenna kvart eit andlit frå sud til nord. 48 Og alt
kjøt skal sjå at eg, Herren, hev kveikt honom; slokna
skal han ikkje. 49 Då sagde eg: «Å, Herre, Herre! Dei
segjer um meg: «Er det ikkje berre i likningar han
talar?»»

**21** Då kom Herrens ord til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Snu di åsyn mot Jerusalem og
preika mot heilagdomarne og spå mot Israelslandet! 3
Og du skal segja til Israelslandet: So segjer Herren:
Sjå, eg skal finna deg og draga sverdet utor slira og
rydja ut or deg rettferdige og ugudleg. 4 Sidan eg vil
rydja ut or deg rettferdig og ugudleg, so skal sverdet
mitt fara utor slira mot alt kjøt frå sud til nord. 5 Og alt
kjøt skal sanna at eg, Herren, hev drege sverdet mitt or
slira, det vert innatt-stunge. 6 Og du, menneskjeson,
sukka! Du skal sukka framfor augo deira so det knakar
i dine lender - i såran sut. 7 Og når dei då segjer med
deg: «Kvifor sukkar du?» då skal du segja: «For ei
fretnad; for han kjem. Då vil kvart eit hjarta bråna og
alle hender siga, og kvar ei ånd dovna og alle kne verta
som vatn. Sjå, det kjem, og det hender, segjer Herren,
Herren.» 8 Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 9
Menneskjeson! Spå og seg: So segjer Herren: Seg: Eit
sverd, eit sverd, kvest, ja, blenkt og. 10 Til å halda

slagting med er det kvest, og til å blikta som eldingen
er det blenkt. Eller skulde me fegnast, du min sons ætt,
som vanvyrder alt tre? 11 Og han let det blenkjast til
eit handyvle; dette sverdet er kvest og blenkt, med det
er etla åt dråpsmanns hand. 12 Ropa og barma deg,
menneskjeson! For det er åt mitt folk, det er åt alle
fyrstar i Israel; etla åt sverdet er dei med mitt folk. Difor,
slå deg på lendi! 13 For prøva er komi, og kven skulde
ho råka, um ikkje den ætti som vanvyrder tukt? segjer
Herren, Herren. 14 Og du, menneskjeson! Spå og slå i
hop henderne! Tvifelt, ja trifelt kjem sverdet: sverdet til
å stinga menner, sverd til å stinga den store, det møter
deim alle stader. 15 Til eit bliktande sverd sette eg
det imot alle portarne deira, so hjarto skal bråna og
støytesteinarne verta mange. Å, det er gjort til å ljona,
kvest til å slagta med. 16 Tak deg på tak, sverd, hogg
til høgre! Snu deg, hogg til vinstre! Kvar so eggi di
snur! 17 Då skal eg og slå i hop henderne mine og
svala min harm. Eg, Herren, hev tala. 18 Og Herrens
ord kom til meg; han sagde: 19 Og du, menneskjeson!
Gjer deg tvo vegar som sverdet åt Babel-kongen kann
fara fram på! Frå eitt land skal dei ganga ut båe. Laga
so til ein vegvisar, laga honom til der vegarne tek av
til kvar ein by! 20 Du skal gjera ein veg som sverdet
kann fara fram på til Rabba åt Ammons-sønerne, og
ein til Juda, inn i Jerusalem, borgbyen. 21 For Babel-
kongen stend attmed vegemotet, der som båe vegarne
tek til, og driv på med spaning; han rister pilerne,
spør husgudarne, skodar på livri. 22 I høgre handi
fær han luten «Jerusalem», at han skal setja upp
murstangarar, lata upp munnen med tynar-rop, lata
herrop ljoma, setja upp murstangarar mot portarne,
kasta upp umlægringsvoll, byggja åtaksmurar. 23 Men
dei tykkjer det er berre fåfengd spådom; dei hev då
lovnadseidar i mengd. Men han minner um misgjerning,
so dei skal verta tekne. 24 Difor, so segjer Herren,
Herren: Etter di de hev drege dykkar misgjerning fram
or gløymsla, med di dykkar brot vert openberra, so
dykkar syndar vert synberre i alle dykkar verk - etter di
de kjem fram or gløymsla, skal de verta tekne med
handi. 25 Og du vanheilage gudløysing, Israels fyrste,
din dag er komen når misgjerningi ein gong lyt enda.
26 So segjer Herren, Herren: Tak huva av, lyft kruna
ned! Det som er, skal ikkje vera; det låge skal upp,
det høge skal ned. 27 I koll, i koll, i koll vil eg støyta
det; det skal ikkje vera gjort med det heller - til dess
han kjem som retten hev, han som eg vil gjeva det. 28
Og, du menneskjeson, spå og seg: So segjer Herren,
Herren um Ammons-sønerne og um deira svivyrding:
Og du skal segja: Eit sverd, eit sverd er drege, blenkt
til å slagta med, til å tyna, til å ljona, 29 medan dei ser
fåfengde syner og spår deg lygn, so du kann verta
lagd attmed halsarne åt daudedømde gudløysingar
som dagen er komen åt, når misgjerningi ein gong lyt
enda. 30 Stikk i slira ditt sverd! På den staden der du
er skapt, i det landet du er ætta ifrå, vil eg døma deg.
31 Eg vil renna utyver deg min harm, min vreideloge
vil eg blåsa imot deg og gjeva deg i henderne på
villmenner, meistrar i tynarverk. 32 Elden skal øyda
deg, ditt blod skal verta utrent midt i landet, ingen skal
koma deg i meir hug; for eg, Herren, hev tala.

22 Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2 Og
du, menneskjeson! Vil du døma, vil du døma
blodbyen? So lat honom få vita um all sin styggedom!
3 Og du skal segja: So segjer Herren, Herren: Å, for
ein by! som renner ut blod midt inni seg, so tidi hans
må koma, og som gjer seg ufysne avgudar til å sulka
seg med! 4 Med blodet som du hev rent ut, hev du ført
skuld yver deg, og med dei ufysne avgudarne dine som
du gjorde, hev du sulka deg, og du hev fenge dagarne
dine til å nærma seg, og åri hev du nått. Difor gjer eg
deg til spe åt folki og til spott for alle land. 5 Dei som
er nær og dei som er langt ifrå deg, skal hæda deg, du
med ditt utskjemde namn og di vimande villa. 6 Sjå,
Israels fyrstar hjå deg leit kvar på sin arm - til å renna
ut blod. 7 Far og mor vanvyrde dei hjå deg, mot den
framande for dei fram med vald hjå deg, den farlause
og enkja var dei harde med hjå deg. 8 Heilagdomarne
mine svivyrde du, og kviledagarne mine vanhelga du.
9 Baktalarar var det hjå deg til å renna ut blod, på
fjelli åt dei offermat hjå deg, skjemdarverk for dei med
hjå deg. 10 Hjå deg nækte dei fars blygsl, hjå deg
skjemde dei kvende som var ureine i sine månadstider.
11 Ein for med skjæmdarverk med grannekona si, ein
annan skjemde ut sonekona si i skamlaus ulivnad, og
endå ein annan skjemde syster si, dotter åt far sin,
hjå deg. 12 Mutor tok dei hjå deg for å renna ut blod.
Renta og yvermål tok du, og mot grannen din gjorde
du uskil med vald, og meg gløymde du, segjer Herren,
Herren. 13 Og sjå, eg hev slege henderne mine i hop
yver syndepengarne du hev samla, og yver blodspillet
som var hjå deg. 14 Kann hjarta ditt standa seg eller
henderne dine vera fullsterke i dei dagarne då du fær
med meg å gjera? Eg, Herren, hev tala og vil setja det
i verk. 15 Og eg vil spreida deg millom folki og strå deg
i landi, og eg skal få ureinska di av deg. 16 Og du skal
varta vanhelga ved deg sjølv framfor augo på folki. Då
skal du sanna at eg er Herren. 17 Og Herrens ord kom
til meg; han sagde: 18 Menneskjeson! Israels-lyden
vart berre til slagg for meg; alle i hop er dei kopar og
tin og jarn og bly inni ein omn, dei er sylvslagg vortne.
19 Difor, so segjer Herren, Herren: Etter di de er vortne
til slagg alle saman, sjå, so vil eg samla dykk i hop

midt i Jerusalem. 20 Likeins som ein samlar i hop sylv
og kopar og jarn og bly og tin midt i ein omn og blæs
upp eld på det og smelter det, soleis vil eg samla dykk
i hop - i min vreide og harm - og eg vil hava dykk nedi
og smelta dykk. 21 Ja, eg vil sanka dykk saman og
blåsa min vreide-eld på dykk, og der skal de smelta.
22 Likeins som sylv smelter i ein omn, soleis skal de
smelta der. Og de skal sanna at eg, Herren, hev rent
ut min harm yver dykk. 23 Og Herrens ord kom til meg;
han sagde: 24 Menneskjeson! seg til det: Du er eit
land som ikkje er reinsa, som ikkje hev fenge regn på
ein vreide-dag. 25 Eit samansvore lag er deira profetar
der, dei er som ei burande løva, ranande ran; sjæler et
dei upp, eignaluter og dyrverdige ting tek dei, mange
gjer dei der til enkjor. 26 Prestane deira gjer vald på
mi lov og vanhelgar heilagdomarne mine. Heilagt frå
vanheilagt skil dei ikkje, millom ureint og reint lærer dei
ikkje nokon å skilja, og for kviledagarne mine let dei att
sine augo, og eg vert vanhelga midt ibland deim. 27
Fyrstarne deira er som vargar, ranande ran - med å
renna ut blod, med å tyna sjæler, so dei kann auka
syndepengarne sine. 28 Profetarne stryk på kalk åt
deim, med di dei skodar fåfengd og spår lygn åt deim;
dei segjer: «So segjer Herren, Herren, » endå Herren
ikkje hev tala. 29 Landslyden fer med valdsverk, med
flåing og ran, og med arming og fatigmann er dei
harde, og mot den framande gjer dei vald og urett.
30 Og eg leita etter ein mann millom deim som vilde
mura mur og standa i gapet framfor mi åsyn til vern for
landet, so eg ikkje skulde leggja det i øyde, men eg
fann ingen. 31 So vil eg då renna ut min vreide, i min
brennande harm gjer eg ende på deim. Åtferdi deira
legg eg på deira eige hovud, segjer Herren, Herren.

**23** Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Det var tvo kvinnor, døtter åt ei
mor. 3 Og dei dreiv hor i Egyptarland, i sin ungdom
dreiv dei hor; der tukla dei med brjosti deira og klemde
på deira møyarbarm. 4 Og namni deira var: Åhåla, den
største, og Åhåliba, syster hennar. Og dei vart mine og
fødde søner og døtter. Og um namni deira er å segja:
Samaria er Åhåla, og Jerusalem Åhåliba. 5 Men Åhåla
gav seg frå meg og dreiv hor, og ho tok til å lysta etter
elskarane sine, etter assyrarane, dei våpndjerve, 6
som var klædde i blått purpur, jarlar og landshovdingar,
fagre sveinar alle saman, ridarar, ridande på hestar.
7 Og med deim heldt ho seg i hordom, med alle dei
gildaste av Assurs-sønerne. Og ho sulka seg med alle
ho lyste etter, og med alle deira ufysne avgudar. 8
Og ho heldt seg ikkje frå sin hordom frå Egyptarland.
For dei hadde lege med henne i hennar ungdom, og
dei hadde klemt på hennar møyarbarm og helt ut yver
henne sin hordom. 9 Difor gav eg henne i henderne
på hennar elskarar, i henderne på Assurs-sønerne,
som ho hadde lysta etter. 10 Dei nækte blygsli hennar.
Hennar søner og døtter tok dei, og henne sjølv drap dei
med sverd. Og ho vart namnspurd ibland kvinnor, og
dom heldt dei yver henne. 11 Og endå hennar syster
Åhåliba såg det, vart ho skamlausare i sine lyster
enn ho, og verre i sin hordom enn syster si. 12 Ho
lysta etter Assurs-sønerne, jarlar og landshovdingar,
våpndjerve karar, gildt klædde, ridarar, ridande på sine
hestar, fagre sveinar alle saman. 13 Og eg såg at ho
vart sulka; ein og same veg gjekk dei båe. 14 Og ho
for endå lenger med sin hordom; då ho såg menner
rita på veggen, bilæte av kaldæarar, måla med raude
liter, 15 gyrde med belte um lenderne, med breide
huvor på hovudet, sjåande til som vognkjempor alle
saman, på skap Babels-sønerne som hev Kaldæa til
heimland 16 - då lysta ho etter deim fyrst ho såg deim
for sine augo, og ho sende bod til deim i Kaldæa. 17
Og Babels-sønerne kom til henne og låg med henne i
elskhug og sulka henne med sin hordom. Men då ho
var utsulka med deim, vende hennar sjæl seg frå deim.
18 Og ho for berrsynt fram med sin hordom og nækte
blygsli. Då vende mi sjæl seg ifrå henne likeins som mi
sjæl hadde vendt seg frå syster hennar. 19 Men ho
gjekk endå lenger i sin hordom, med di ho kom i hug
ungdomsdagarne sine, då ho dreiv hor i Egyptarland.
20 So tok ho til å lysta etter horkallarne deira, som
hadde kjøt nett som asen og fløde som hestar. 21 Og
du trådde etter ulivnaden i din ungdom, då egyptarane
klemde på barmen din medan du hadde møyarbrjost.
22 Difor, Åhåliba, so segjer Herren, Herren: Sjå, eg
vekkjer upp elskarane dine imot deg, deim som sjæli di
hev vendt seg frå, og let deim koma yver deg frå alle
stader. 23 Babels-sønerne og alle kaldæarar, Pekod og
Sjoa og Koa, og alle Assurs-sønerne med deim, fagre
sveinar, jarlar og hovdingar alle saman, vognkjempor,
namnfræge menner, ridande på hestar alle saman. 24
Og dei skal koma yver deg med stridsmagt, vogner og
hjul, og med ein flokk med folkeslag. Store skjoldar
og små-skjoldar og hjelmar skal dei setja upp imot
deg rundt ikring. Og eg vil setja deim til domarar, og
dei skal døma deg med domarne sine. 25 Og min
brennhug skal finna deg, og dei skal fara åtta med deg i
vreide; nosi di og øyro dine skal dei skjera av, og det
som endå er att av deg, skal falla for sverd. Dei skal
taka dine søner og døtter, og dei som endå vert att av
deg, skal øydast i eld. 26 Og dei skal draga av deg
klædi dine, og dei skal taka dine prydeting. 27 So vil
eg gjera ende på di skjemdarferd og på din hordom frå
Egyptarland, og du skal ikkje lyfta augo dine til deim,
og Egyptarland skal du ikkje minnast meir. 28 For so
segjer Herren, Herren: Sjå, eg gjev deg i henderne

på deim som du hatar, og i henderne på deim som di
sjæl hev vendt seg frå. 29 Og dei skal fara åt med
deg i hat og taka alt det du hev stræva i hop og lata
deg etter seg naki og berr, horeblygsli di skal verta
nækt, og di skjemdarferd og din hordom skal verta
synberr. 30 Dette skal dei gjera med deg, av di du for
etter heidningfolk i hordom, for di du sulka deg med
deira ufysne avgudar. 31 På vegen åt syster di hev
du gjenge; so gjev eg deg hennar staup i di hand. 32
So segjer Herren, Herren: Staupet åt syster di skal
du drikka, det djupe og vide - til lått og til spott skal
du verta - det tek mykje. 33 Av rus og sorg skal du
verta full, eit øgjelegt tynar-staup er staupet åt di syster
Samaria. 34 Og du skal drikka det ut og suga utor det,
og på broti av det skal du gnaga, og flengje brjosti dine
sund, for eg hev tala, segjer Herren, Herren. 35 Difor,
so segjer Herren, Herren: Etter di du gløymde meg
og kasta meg attum din rygg, so ber då du med di
skjemd og din hordom. 36 Og Herren sagde med meg:
Menneskjeson! Vil du døma Åhåla og Åhåliba? Lat
deim få vita sin styggedomen! 37 For dei hev drive
hor, og det er blod på henderne deira og med sine
ufysne avgudar hev dei drive hor, ja, jamvel borni sine,
som dei hadde født åt meg, hev dei lata ganga gjenom
elden, so dei skulde eta deim. 38 Dessforutan gjorde
dei dette mot meg: Dei sulka min heilagdomen same
dagen og vanhelga mine kviledagar. 39 Når dei hadde
slagta borni sine åt sine ufysne avgudar, so kom dei
inn i min heilagdom, den same dagen, og vanhelga
honom; og sjå, soleis for dei åt midt i mitt hus! 40 Ja,
dei sende jamvel bod etter menner som skulde koma
langt burtanfrå, ein sendemann gjekk til deim, og sjå,
dei kom: for deim hadde du lauga deg, sminka deg i
augo og prydt deg med prydeting. 41 Og du sat på ein
røseleg legebenk, og framanfor honom var duka eit
bord, og min røykjelse og min olje hadde du sett uppå
det. 42 Og ståket av ein velnøgd folkehop kunde ein
høyra der inne, og attåt menner som var med utav
ålmugen, fekk dei seg drykkjebrør frå øydemarki. So
gav dei kvendi armband på henderne og ei prydeleg
kruna på hovudet. 43 Då sagde eg um den utlivde
skjøkja: «No fyrst driv dei ukjurskapen i det store med
henne - ja, rett med henne.» 44 Dei gjekk inn til henne
nett som dei gjeng inn til ei skjøkja; soleis gjekk dei
inn til Åhåla og Åhåliba, horkonorne. 45 So skal då
rettferdige menner døma deim etter lovi um horkonor,
og um kvende som renner ut blod; for horkonor er dei,
og det er blod på henderne deira. 46 For so segjer
Herren, Herren: Eg vil føra fram ein mannefjølde mot
deim, og eg vil gjera deim til ei skræma og eit ran.
47 Mannfjølden skal steina deim i hel og hogga deim
sund med sverdi sine. Deira søner og døtter skal dei
drepa, og husi deira skal dei brenna upp med eld. 48
Soleis vil eg gjera ende på skjemdarferdi i landet, og
alle kvinnor skal læra å vara seg, so dei ikkje fer med
slik ei skjemdarferd som dei. 49 Og dei skal leggja
dykkar skjemdarferd på dykk, og dykkar synder med
dei ufysne avgudarne dykkar skal de bera, og de skal
sanna at eg er Herren, Herren.

**24** Og Herrens ord kom til meg i det niande året,
den tiande dagen i tiande månaden; han sagde:
2 Menneskjeson! Skriv deg upp namnet på dagen -
nett denne dagen! Babel-kongen er nådd til Jerusalem
nett i denne dag. 3 Og tala i ein liknad til den tråssuge
lyden og seg med deim: So segjer Herren, Herren: Set
på gryta, set henne på, og slå vatn uppi henne! 4 Hav
kjøtstykki nedi henne, gode stykke alle, lår og bog! Fyll
henne med dei likaste mergbein! 5 Tak av det likaste
av småfenaden! Gjer so eit eldsmål uppunder henne
for beini skuld! Lat det fosskoka! Beini nedi henne
kokar alt. 6 Difor, so segjer Herren, Herren: Usæl vere
blodbyen: ei gryta med gravrust i, og hennar gravrust
gjekk ikkje av henne! Tak utor henne stykke for stykke!
det vert ikkje lutkasting um radi. 7 For blodet ho hev
rent ut, er der endå; på eit bert svadberg hev ho helt
det ut, ho hev ikkje rent det ut på jordi, so moldi kunde
løyna det. 8 For at harm kunde hevjast og hemnen nå,
hev eg late blodet koma på berre svadet, so det ikkje
skulde verta løynt. 9 Difor, so segjer Herren, Herren:
Usæl vere blodbyen! Eg og vil gjera eldsmålet stort.
10 Legg på dugeleg med ved, kveik upp elden! Koka
krafti or kjøtet, og lat sodet verta innkoka, so beini vert
brende! 11 Og lat henne standa tom på gløderne, so ho
vert heit og koparen glodheit, so ureinska kann smelta
utor henne og gravrusti tærast burt. 12 Eg møddest so
sårt med henne, men av gjekk ho ikkje, denne tjukke
rusti. I elden då med henne! 13 Di ureinska er vorti ei
skjemd; etter di eg freista å reinsa deg, men du ikkje
vart rein, so skal du ikkje verta rein heretter, fyrr eg fær
døyva min harm på deg. 14 Eg, Herren, hev tala; det
kjem, og eg vil setja det i verk. Eg let det ikkje ugjort,
og ikkje vil eg spara og ikkje angra. Etter dine vegar
og dine gjerningar skal dei døma deg, segjer Herren,
Herren. 15 Og Herren ord kom til meg; han sagde: 16
Menneskjeson! Sjå, eg tek frå deg den dine augo hev
hugnad i, ved eit slag. Men du skal ikkje barma deg og
ikkje gråta, og ikkje ei tåra må renna. 17 Sukka i løynd!
men syrgjelag yver den daude må du ikkje gjera. Bitt
huva di på deg, og tak skorne på føterne dine, og breid
ikkje noko utyver skjegget, og et ikkje folks brød! 18
Og eg tala til folket um morgonen, og kona mi døydde
um kvelden. Og morgonen etter gjorde eg som eg var
fyresagd. 19 Då sagde folket med meg: «Vil du ikkje

segja oss kva det skal tyda åt oss, det du gjer?» **20** Og
eg sagde med deim: Herrens ord kom til meg; han
sagde: **21** Seg med Israels-lyden: So segjer Herren,
Herren: Sjå, eg vanhelgar min heilagdom, som de lit
på i ovmod, som dykkar augo hev hugnad i, og dykkar
sjæl trår etter. Og dykkar søner og døtter, som de hev
leivt etter dykk, skal falla for sverd. **22** Då skal de gjera
likeins som eg hev gjort; de skal ikkje breida noko
yver skjegget og ikkje eta folks brød. **23** Og huvorne
dykkar skal de hava på hovudi og skorne dykkar på
føterne, og de skal ikkje barma dykk og ikkje gråta. Og
de skal talmast av i dykkar misgjerningar og stynja
kvar med annan. **24** Og Ezekiel skal vera eit teikn åt
dykk; heiltupp som han hev gjort, skal de gjera. Når
det kjem, då skal de sanna at eg er Herren, Herren. **25**
Og du, menneskjeson! Skal det ikkje henda den dagen
når eg tek frå deim deira trygd, deira herlege frygd, det
som deira augo hadde hugnad i og deira sjæl trådde
etter, deira søner og døtter, **26** at den dagen skal dei
som slepp undan koma til deg og gjera det kunnigt, so
folk høyrer på? **27** Den same dagen skal du få lata
upp munnen, når dei undansloppne er komne, og du
skal tala og ikkje lenger vera mållaus, og du skal vera
eit teikn åt deim, og dei skal sanna at eg er Herren.

**25** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: **2**
Menneskjeson! Vend di åsyn mot Ammons-
sønerne og spå imot deim! **3** Og du skal segja med
Ammons-sønerne: Høyr Herrens, Herrens ord! So
segjer Herren, Herren: Etter di du sagde: «Hå, hå!»
yver heilagdomen min, for di han vart vanhelga, og
yver Israels land, for di det er i øyde lagt, og yver
Juda-lyden, for di han laut fara i utlægd, **4** difor, sjå, so
skal austmennerne få deg til eiga, og dei skal slå sine
tjeldlæger i deg og finna seg bustader i deg. Dei skal
eta frukti di, og dei skal drikka mjølki di. **5** Og eg vil
gjera Rabba til beitemark åt kamelar og Ammonlandet
til felæger. Og de skal sanna at eg er Herren. **6** For so
segjer Herren, Herren: Av di du klappa med henderne
og trappa med føterne og med all vanvyrdnaden i
di sjæl fagna deg yver Israels land, **7** difor, sjå, so
retter eg handi mi imot deg og gjev deg til herfang åt
folki og ryd deg ut or folkeslagi og let deg tynast ut or
landi. Eg vil øyda deg ut, so du skal sanna at eg er
Herren. **8** So segjer Herren, Herren: Av di Moab og
Se'ir segjer: «Sjå, det gjekk med Juda-lyden likeins
som med alle hine folki, **9** difor, sjå, so vil eg gjera eit
op i sida åt Moab frå der byarne ligg, frå byarne hans
alle stader, landepryda Bet-Jesjimot, Ba'al-Meon og alt
til Kirjatajim, **10** so Austheims-sønerne kann koma seg
inn, likeins som eg vil gjera med Ammons-sønerne,
som eg gjev deim til eiga, so ein ikkje meir skal minnast
Ammons-sønerne millom folki. **11** Og yver Moab vil eg
halda dom, so dei skal sanna at eg er Herren. **12** So
segjer Herren, Herren: Av di Edom var so hemnfus
mot Juda-lyden og førde skuld yver seg, med di dei
hemnde seg på deim, **13** difor - segjer Herren, Herren
- so vil eg retta ut handi mi mot Edom og øyda for
honom folk og fe, og eg vil gjera det til ei audn frå
Teman, og heilt burt til Dedan skal dei falla for sverd.
**14** Og min hemn mot Edom vil eg leggja i henderne
på mitt folk Israel, og dei skal fara åt med Edom etter
min vreide og harm, og dei skal få kjenna min hemn,
segjer Herren, Herren.» **15** So segjer Herren, Herren:
Av di filistarane for hemnfuse fram, av di dei med all
vanvyrdnaden i si sjæl hemnde seg med tynarverk, av
eit ævelegt hat, **16** difor, so segjer Herren, Herren: Sjå,
eg rettar ut handi mi mot filistarane og ryd ut kretarane
og tyner det som vert leivt attmed havstrandi. **17** Og
eg vil lata stor hemn råma deim vreide-refsingar, og
dei skal sanna at eg er Herren, når eg let hemnen min
nå deim.

**26** So hende det i det ellevte året, den fyrste dagen i
månaden, at Herrens ord kom til meg; han sagde:
**2** Menneskjeson! Av di Tyrus segjer um Jerusalem:
«Hå, hå! I sund er folkeporten broten, til meg er han no
flutt; eg vert fyllt sidan han er øydelagd, » **3** difor, so
segjer Herren, Herren: Sjå, eg skal finna deg, Tyrus,
og let mange folkeslag koma veltande upp yver deg,
likeins som havet kjem veltande med bårorne sine. **4**
Og dei skal brjota ned murarne kring Tyrus og riva
ned tårni, og eg vil sopa dusti av tufterne, og gjera
byen til eit snaudt svadberg. **5** Ein stad til å greida
garn på skal det verta der uti havet, for eg hev tala,
segjer Herren, Herren. Og det skal verta til herfang åt
folki. **6** Og døtterne som er på innlandet, skal verta
drepne med sverd. Og dei skal sanna at eg er Herren.
**7** For so segjer Herren, Herren: Sjå, eg sender mot
Tyrus Nebukadressar, Babel-kongen, frå Norderlandi,
kongen yver kongarne, med hestar og med vogner og
med hestfolk og med ein her og mykje folk. **8** Døtterne
dine på innlandet skal han drepa med sverd. Og han
skal gjera ein åtaksmur deg og kasta upp ein voll
imot deg og reisa upp eit skjoldtak imot deg. **9** Og
murstangaren sin skal han setja mot murarne dine,
og tårni dine skal han brotja ned med jarni sine. **10**
Hans hestar i mengd skal hylja deg i dumba. Gnyen
av hestfolk og hjul og vogner fær murarne dine til å
dirra, når han fer inn gjenom portarne dine, sameleis
som når ein fer inn i herteken by. **11** Med hovarne
sine skal hestarne hans trakka ned alle gatorne dine.
Lyden din skal han slå i hel med sverd, og dei sterke
stolparne dine skal stupa til jordi. **12** Og dei skal rana
din rikdom og gjera dine varor til herfang og brjota

ned dine murar, og dine hugnadlege hus skal dei riva
ned. Og steinarne dine og treverket ditt og dusti etter
deg skal dei kasta beint på sjøen. 13 Og ljoden av
songarane dine let eg tagna, og ljomen av cithrarne
dine skal ein aldri meir høyra. 14 Og eg vil gjera deg til
ei bert svadberg, ein stad til å greida garni på skal du
verta; du skal aldri verta uppatt-bygd. For eg, Herren,
hev tala, segjer Herren, Herren. 15 So segjer Herren,
Herren med Tyrus: Skal ikkje havstrenderne bivra for
omen av ditt fall, når gjenomstungne styn, når dei
drep og myrder midt inni deg? 16 Då skal dei stiga
ned av sine høgsæte alle fyrstarne på havet, og dei
skal leggja av seg kåporne sine og taka av seg sine
rosesauma klæde. I skjelte skal dei klæda seg, på jordi
skal dei sitja og skjelva kvar augneblink og ræddast
yver lagnaden deg. 17 Og dei skal setja i med ein
syrgjesong og segja til deg: «Korleis er du lagd i øyde,
du som sjømanna bustad, byen den fræge, som hadde
magti på havet, både du og dine ibuarar, som skaut
skjelk i bringa på alle som budde der? 18 No skjelv
dei, øyarne, den dagen du fell, og utøyarne i havet tek
fæla av di endelykt.» 19 For so segjer Herren, Herren:
Når eg gjer deg til ein øydestad, lik byar der ingen bur,
når eg sender dragsudi uppetter deg og let storhavet
gøyma deg, 20 då støyper eg deg ned med deim som
i gravi fer ned, til folket frå fordom, og let deg bu i
nedheimen, i audner frå æva, med deim som fer ned i
gravi, so ingen skal bu i deg; men eg vil gjeva pryda i
landet åt dei livande. 21 Til ei skræma vil eg gjera deg,
og so er du upp i inkje, og ein skal leita etter deg, men
ikkje finna deg i all æva, segjer Herren, Herren.

**27** Herrens ord kom til meg; han sagde: 2 Og du,
menneskjeson! Set i med ein syrgjesong yver
Tyrus! 3 Og du skal segja til Tyrus som bur attmed
innlaupet frå havet, som handlar med folkeslagi på
mange havstrender: So segjer Herren, Herren: Tyrus,
du segjer: «Storfager er eg og frid.» 4 I havsens
hjarta er dine landskil, dei som bygde deg, gjorde
deg storfager. 5 Av cypresstre frå Senir bygde dei
alt plankeverket på deg. Cedertre frå Libanon tok dei
og gjorde til mastr på deg. 6 Av eik frå Basan gjorde
dei årarne dine. Dekket ditt gjorde dei av filsbein,
innlagt i buskbom frå Kittim-øyarne. 7 Manglita linty frå
Egyptarland hadde du til segl, til å vera ditt merke, blått
og purpurraudt ty frå Elisa-øyarne var ditt soltjeld. 8
Folk frå Sidon og Arvad var roarar åt deg, dei kunnige
av dine eigne, Tyrus, dei vart hovudsmennerne dine.
9 Dei øvste og visaste frå Gebal hadde du til å bøta
lekarne dine. Alle havskip og deira sjømenner var i
deg og handla med deg. 10 Menner frå Persia, Lud
og Put var i din her, dine stridsmenner. Skjoldar og
hjelmar hengde dei upp i deg, dei gav deg pryda. 11
Arvads søner og din eigen her var på dine murar rundt
ikring, og gammaditar var i dine tårn. Sine skjoldar
hengde dei på murarne dine rundt ikring; dei gjorde
deg fulleleg fager. 12 Tarsis handla med deg, av di du
hadde so mykje gods. Sylv, jarn, tin og bly gav dei
deg for varorne dine. 13 Javan, Tubal og Mesek, deim
hadde du til kræmarar; menneskje og koparkjerald
gav dei deg i varebyte. 14 Frå Togarma-lyden fekk
du vognhestar og ridehestar og muldyr for varorne
dine. 15 Dedans søner var kræmarane dine. Mange
havstrender kjøpte av di hand; filsbein og ibenholt
gav dei deg i skatt. 16 Syria handla med deg, av di
du hadde mang ein eignalut; karfunkelstein, purpur
og manglita ty og fint linty og korallar og rubinar gav
dei deg i varebyte. 17 Juda og Israelslandet, dei var
kræmarane dine; kveite frå Minnit og søt-kakor og
honning og olje og balsam gav dei deg i varebyte. 18
Damaskus handla med deg, av di du hadde mang
ein eignalut, ein ovmengd med allslags gods. Dei gav
deg vin frå Hebron og kvit ull. 19 Vedan og Javan frå
Uzal gav att for varorne dine; jarnsmide, kassia og
kalmus fekk du i varebyte. 20 Dedan handla med deg
med salklæde til å rida på. 21 Arabia og alle fyrstarne
i Kedar kjøpte av di hand; lamb og verar og bukkar
selde dei deg. 22 Kræmarane i Sjeba og Rama, dei
var dine kræmarar; krydda av aller gjævaste slag og
allslags dyreverdige steinar og gull gav dei for varorne
dine. 23 Kharan og Kanne og Eden, kræmarane i
Sjeba, Assur, Kilmad handla med deg. 24 Dei var dine
kræmarar med prydelege eignating, med kåpor av
purpurblått og manglita ty og med spriklute tæpe med
tvinna sterke snøre på din marknad. 25 Med Tarsis-skip
gjorde du kjøpstemnorne dine. Du vart fyllt og ovende
rik - midt i havet. 26 Utpå storhavet førde dine roarar
deg - austanvinden bryt deg sund midt i havet. 27 Ditt
gods, dine salsvaror og bytevaror, dine sjøfolk, dine
skiprar, dei som bøter lekarne dine, og dei som driv din
handel, og kvar ein stridsmann som i deg er, med heile
ditt mannskap som er um bord, skal stupa midt i havet
den dagen du fell. 28 For naudropi frå skiprarne dine
skal markerne bivra. 29 Og dei skal stiga utor sine skip
alle som med årarne sit, mannskapet og kvar skiper på
havet, til land skal dei søkja. 30 Dei skal barma seg
yver deg og anka seg sårt. Og dei skal kasta mold på
sine hovud, i oska skal dei velta seg. 31 Og dei skal
raka seg snaude i kruna for di skuld og gyrda seg med
sekk. Og dei skal gråta yver deg med sjælekvida og
øya seg sårt. 32 Og med dei barmar seg, skal dei setja
i med ein syrgjesong yver deg og syrgjande kveda
um deg: «Kven er lik Tyrus, som no er tagna midt uti
havet?» 33 Medan varorne dine kom frå havet, metta
du mange folkeslag. Med ovmengdi av ditt gods og

med dine bytevaror gjorde du kongarne på jordi rike.
34 No då du er skipbroten og burtkomen på sjøen og
ligg på havsens botn, no er dine bytevaror og alt ditt
mannskap søkkt i kav med deg. 35 Alle som bur på
havstrenderne, tek fæla av din lagnad; det rys deira
kongar i holdet, deira andlit bivra. 36 Kjøpmennerne
ibland folkeslagi hæder deg; Ei skræma er du vorten,
du er ikkje til - i all æva.

**28** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Seg med fyrsten i Tyrus: So
segjer Herren, Herren: Av di at ditt hjarta ovmodar
seg, og du segjer: «Eg er ein gud, i Guds høgsæte sit
eg midt i havet, » og du er menneskje og ingen gud,
endå du set ditt hjarta jamgodt med Guds hjarta 3
- sjå, visare enn Daniel er du; ingen løyndom kann
dei dylja for deg; 4 med din visdom og ditt vit hev
du vunne deg rikdom og samla gull og sylv i dine
skattkammer; 5 med din store klokskap i handel hev
du auka rikdomen din, og ditt hjarta ovmoda seg av
din rikdom - 6 difor, so segjer Herren, Herren: Av di
du sette ditt hjarta jamgodt med Guds hjarta, 7 sjå,
difor let eg framande koma yver deg, valdsmennerne
millom folki, og dei skal draga ut sverdi sine mot
din høgprude visdom og vanhelga di pryd. 8 I gravi
skal dei støypa deg ned, og du skal døy ihelslegen
manns daude midt uti havet. 9 Skal tru du då vil segja:
«Eg er ein gud, » beint uppi syni på din banemann,
endå du er eit menneskje og ingen gud i handi på din
dråpsmann? 10 Som u-umskorne døyr, so skal du
døy for framandmanns hand; for eg hev tala, segjer
Herren, Herren. 11 Og Herrens ord kom til meg; han
sagde: 12 Menneskjeson! Set i med ein syrgjesong
yver Tyrus-kongen! Og du skal segja med honom; so
segjer Herren, Herren: Du som var innsigle på den vel
tilmåta bygnaden, full av visdom og fullkomen vænleik:
13 I Eden, Guds hage, var, yverstrådd med dyre steinar
av alle slag: Karneol, topas og demant, krysolit, onyks
og jaspis, safir, karfunkel, smaragd og gull. Arbeid i
drive metall og utskurd prydde deg. Det var laga den
dagen du vart skapt. 14 Du var ein veldug kerub som
gav livd, og eg sette deg til å vera på Guds heilage
fjell, millom logande steinar ferdast du. 15 Ulastande
var du på dine vegar frå den dagen du vart skapt, til
dess urettvisa fanst hjå deg. 16 Den store handelen
din valda at du vart full av urett og tok til å synda. Då
vanhelga eg deg, so du laut burt frå Guds fjell, og eg
tynte deg, du livd-gjevande kerub, so du ikkje lenger
fekk vera millom dei logande steinar. 17 Ditt hjarta
ovmoda seg av din vænleik, og du spillte din visdom
for ditt glim. Til jordi kasta eg deg, framfor augo på
kongar lagde eg deg, so dei kunde skoda deg. 18 Med
dine mange misgjerningar, med din urettferdige handel
vanhelga du heilagdomarne dine. So let eg eld loga
midt utor deg, han skal øyda deg, og eg gjer deg til
oska på jordi framfor augo på alle som ser deg. 19 Alle
som kjende deg millom folkeslagi, er forfærde yver
deg; ei skræma er du vorten, og du er ikkje til - i all
æva. 20 Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 21
Menneskjeson! Vend di åsyn mot Sidon og spå imot
det! 22 Og du skal segja: So segjer Herren, Herren:
Sjå, eg finna deg, Sidon, og eg vil syna meg herleg i
deg. Og dei skal sanna at eg er Herren, når eg held
dom yver det og helgar meg på det. 23 Og eg vil senda
inn i det sott og blod på gatorne. Og iheldslegne skal
falla midt i det for sverd som kjem yver deim rundt
ikring, og dei skal sanna at eg er Herren. 24 Og det
skal aldri meir vera for Israels-lyden ein stingande
klunger eller svidande tistel av alle deira grannar som
svivyrder deim. Og dei skal sanna at eg er Herren,
Herren. 25 So segjer Herren, Herren: Når eg samlar
Israels-lyden ifrå folki der som dei er spreidde, då vil
eg helga meg på deim framfor augo på folkeslag, og
dei skal bu i sitt land som eg gav min tenar Jakob. 26
Og dei skal bu der i trygd og byggja hus og planta
vinhagar, ja, dei skal bu i trygd, medan eg held dom
yver alle deira grannar som vanvyrde deim. Og dei
skal sanna at eg, Herren, er deira Gud.

**29** I det tiande året, den tolvte dagen i tiande
månaden, kom Herrens ord til meg; han sagde:
2 Menneskjeson! Vend di åsyn mot Farao, kongen i
Egyptarland, og spå mot honom og imot alt Egyptarland!
3 Tala og seg: So segjer Herren, Herren: Sjå, eg skal
finna deg, Farao, egyptarkonge, du, den store draken
som ligg midt uti elvarne sine, og som segjer: «Eg eig
mi elv, og sjølv hev eg gjort henne.» 4 Og eg vil setja
krokar i kjakarne dine, og fiskarne i elvarne dine vil
eg festa i reisti dine, so dreg eg deg upp utor elvarne
dine med alle fiskarne i elvarne dine, dei som er feste i
reisti dine. 5 Og eg skal kasta deg ut i øydemarki, deg
og kvar ein fisk i elvarne dine. På berre marki skal du
falla; du skal ikkje verta uppteken, ikkje uppsamla, dyri
på jordi og fuglarne under himmelen skal få deg til
mat. 6 Og alle som bur i Egyptarland, skal sanna at
eg er Herren, for di at dei vart ein røyrstav åt Israels-
lyden; 7 når dei grip um deg med handi, brotnar du og
flengjer deim alle i herdi, og når dei styd seg på deg,
ryk du i sund og fær deim alle til å sviga i lenderne. 8
Difor, so segjer Herren, Herren: Sjå, eg let sverd koma
yver deg, og eg vil rydja ut or deg folk og fe. 9 Og
Egyptarlandet skal verta til audn og øyda - og dei skal
sanna at eg er Herren - for di han sagde: «Elvi er mi,
og eg sjølv hev gjort henne.» 10 Difor, sjå, eg vil finna
deg og elvarne dine, og eg vil gjera Egyptarlandet til
øydemarker, ei audn lagd i øyde, frå Midgol til Syene

og alt til landskilet mot Ætiopia. 11 Igjenom det skal
ikkje mannefot ganga, og fefot skal ikkje ganga gjenom
det, og det skal vera ubygt i fyrti år. 12 Og eg vil
leggja Egyptarlandet i øyde midt ibland øydeland, og i
byarne - midt ibland øydestader - skal det vera audt i
fyrti år. Og eg vil spreida egyptarane millom folki og
strå deim kringum i landi. 13 For so segjer Herren,
Herren: Når fyrti år er lidne, vil eg samla egyptarane
frå dei folkeslag som dei var spreidde. 14 Og eg vil
venda Egyptarlands lagnad og føra deim attende til
Patroslandet, til det landet som dei er ætta ifrå, og der
skal dei vera eit vesalt kongerike. 15 Det skal vera
lægre enn andre kongerike og aldri meir hevja seg
yver folki, og eg vil lata deim smogna i hop, so dei
ikkje skal rikja yver folki. 16 Og aldri meir skal Israels-
lyden der søkja seg livd og soleis minna meg um deira
misgjerning, med di dei snur seg etter deim. Og dei
skal sanna at eg er Herren, Herren. 17 So hende det
i det sju og tjugande året, den fyrste dagen i fyrste
månaden, at Herrens ord kom til meg; han sagde: 18
Menneskjeson! Nebukadressar, Babel-kongen, hev
late heren sin stræva hardt mot Tyrus; kvart eit hovud
er fleinskalla, og kvar ei herd avgnura. Men løn hev
han og heren hans ikkje fenge av Tyrus for alt sitt stræv
imot det. 19 Difor, so segjer Herren, Herren: Sjå, eg
gjev Nebukadressar, Babel-kongen, Egyptarland, og
han skal taka rikdomen der og rana ranet og hertaka
herfanget, og det skal vera løn åt heren hans. 20 Til
løn åt honom for strævet gjev eg honom Egyptarland;
for dei hev arbeidt for meg, segjer Herren, Herren.
21 Den same dagen vil eg lata eit horn veksa upp åt
Israels-lyden; og du skal få lata upp din munn midt
ibland deim, og dei skal sanna at eg er Herren.

**30** Og Herrens ord kom til meg, han sagde: 2
Menneskjeson! Spå og seg: So segjer Herren,
Herren: Barma dykk: «Å! for ein dag!» 3 For nær er
ein dag, ein dag for Herren; ein myrkskya dag, ei
uppgjerdstid for folkeslagi skal det vera. 4 Og sverd
skal koma mot Egyptarland, og Ætiopia skal få skjelve-
rider når ihelstungne fell i Egyptarland. Og dei skal
taka landsens rikdom, og grunnvollarne skal verta
nedrivne. 5 Ætiopar og folk frå Put og Lud og alt
blandingsfolket og Kub og sønerne åt sambandslandet
skal falla for sverd i lag med deim. 6 So segjer Herren:
Dei som styd Egyptarland, skal falla, og ovmodet og
magti skal kverva; frå Migdol til Syene skal folket falla
for sverd, segjer Herren, Herren. 7 Og i øyde skal dei
liggja millom øydeland, og byarne skal vera millom
øydestader. 8 Og dei skal sanna at eg er Herren, når
eg kveikjer eld på Egyptarland, og alle deira hjelparar
vert krasa. 9 Den dagen skal det fara sendemenner frå
mi åsyn på skip til å setja støkk i det ottelause Ætiopia,
og det skal få skjelve-rider som på Egyptarlands dag.
For sjå, det kjem. 10 So segjer Herren, Herren: Eg vil
hava Nebukadressar, Babel-kongen, til å gjera ende
på den ståkande mengdi i Egyptarland. 11 Han og
lyden hans med honom, valdsmennerne millom folki,
skal verta henta til å herja landet. Og dei skal draga
sine sverd mot Egyptarland og fylla landet med drepne
menner. 12 Eg vil lata elvarne torna og selja landet
i henderne på illmenne. Og eg vil hava framande til
å øyda landet og alt som i det er; eg, Herren, hev
tala. 13 So segjer Herren, Herren: Eg vil tyna dei
ufysne gudarne og rydja ut avgudarne or Nof, og aldri
meir skal der vera ein fyrste or Egyptarland, og eg
vil leggja rædsla på Egyptarland. 14 Og eg vil leggja
Patros i øyde og setja eld på Soan, og halda dom
yver No. 15 Eg vil renna ut min harm yver Sin, den
sterke verni åt Egyptarland, og rydja ut den ståkande
mengdi i No. 16 Og eg vil setja eld på Egyptarland,
Sin skal bivrande skjelva, og i No bryt dei seg inn,
og inn i Nof kjem fiendar ljose dagen. 17 Dei unge
menner i Aven og Pibeset skal falla for sverd, og sjølve
skal dei fara i utlægd. 18 I Tehafnehes skal dagen
myrkna når eg der bryt sund egyptaroket, og ovmodet
og magti skal endast. Sjølv vert det sveipt i skyer, og
døtterne lyt fara i utlægd. 19 Og eg vil halda dom yver
Egyptarland, og dei skal sanna at eg er Herren. 20 So
hende det i det ellevte året, den sjuande dagen i fyrste
månaden, at Herrens ord kom til meg; han sagde:
21 Menneskjeson! Armen åt Farao, egyptarkongen,
hev eg brote forderva. Og sjå, han er ikkje vorten
umbunden til helsebot, og linda til å bera i fatle, so han
kunde sterkna til å gripa sverdet. 22 Difor, so segjer
Herren, Herren: Sjå, eg skal finna Farao, Egyptarlands-
kongen, og eg skal brjota armarne hans sund, både
den heile og den sundbrotne, og lata sverdet falla or
handi hans. 23 Eg vil spreida egyptarane ibland folki og
strå deim ut i landi. 24 Og Babel-kongens armar skal
eg styrkja og gjeva honom sverdet mitt i hand. Men
Faraos armar vil eg brjota, og han skal stynja for hans
åsyn som ein stungen mann. 25 Ja, Babel-kongens
armar vil eg styrkja, men Faraos armar skal siga ned.
Og dei skal sanna at eg er Herren, når eg gjev Babel-
kongen sverdet mitt i hand, og han retter det ut mot
Egyptarland. 26 Og eg vil spreida egyptarane ibland
folki og strå deim ut i landi, og dei skal sanna at eg er
Herren.

**31** So hende det i det ellevte året, den fyrste dagen
i den tridje månaden, at Herrens ord kom til
meg; han sagde: 2 Menneskjeson! Seg med Farao,
egyptarkongen, og hans ståkande mengd: Kven likjest
du på i di storvyrda? 3 Sjå, Assur var eit cedertre på
Libanon med fagre greiner, ein skuggerik skog og høg

på vokster, millom skyerne var hans kruna. 4 Vatnet
gjorde honom stor, vatsdjupet gjorde honom høg. Med
åerne sine gjekk det kringum hans plantehage og
sende vatsveiterne sine burtåt alle trei på marki. 5
Difor vart han høgre på vokster enn alle trei på marki.
Og mange var hans greiner og lange hans kvister,
av all den vatningi, når han rette deim ut i veret. 6
På kvistarne hans laga dei seg reir, alle himmelens
fuglar, under greinerne hans fødde alle dyr på marki
sine ungar, og hans skugge gav livd åt alle dei mange
folkeslagi som budde der. 7 Og han var fager i sin
vyrdelege storleik med sine lange greiner, for innmed
roti hans var det nøgdi av vatn. 8 Inkje var cedertre i
Guds hage hans jamlike; cypressor kunde ikkje liknast
med hans kvister, og løntre var ikkje som hans greiner;
det beid ikkje tre i Guds hage jamfagert med honom.
9 Eg hadde prydt honom med greiner i mengd, og
dei ovunda honom alle Eden-trei som var i Guds
hage. 10 Difor, so segjer Herren, Herren: Sidan han
er vorten so høg på vokster og hev tøygt kruna si
upp imillom skyerne, og hjarta hans ovmodar seg av
denne store høgdi, 11 so gjev eg honom i henderne på
ein hovding yver folki; med honom fær han å gjera;
det er for gudløysa hans eg hev drive honom ut. 12
Og framande, valdsmennerne millom folki, hev hogge
honom ned og late honom liggja. På fjelli og i kvar ein
dal fall hans kvister, og greinerne hans ligg sundbrotne
nedi kvart eit gil i landet. Og alle folk på jord er stigne
ned utor skuggen hans som gav deim livd, og hev
late honom liggja. 13 På den falne stomnen hans held
alle himmelens fuglar til, og yver greinerne hans fer
kvart dyr i skog 14 - for at ikkje noko velvatna tre skal
ovmoda seg av sin vokster og tøygja kruna si upp
imillom skyerne, og dei velduge av deim, dei som syg
vatn i mengd, ikkje skal standa der høgreiste. For
alle er dei gjevne dauden i vald, so dei lyt fara ned
til nedheimen, midt imillom mannsborni, til deim som
er stigne ned i gravi. 15 So segjer Herren, Herren:
Den dagen han for ned til helheimen, let eg syrgja på
honom; vatsdjupet breidde eg yver for hans skuld, og
åerne derifrå stemde eg, og dei store vatn laut stana.
Og eg klædde Libanon i svart for hans skuld, og kvart
tre på marki ormegtast for hans skuld. **(Sheol h7585)** 16
Med dunen av hans fall fekk eg folkeslag til å skjelva,
då eg støypte honom ned i helheimen med deim som
fer ned i gravi. Då huggast dei i nedheimen, alle Eden-
trei, dei likaste og beste på Libanon, alle som drikk
vatn. **(Sheol h7585)** 17 Dei og for ned i helheimen til
deim som var slegne i hel med sverd. For dei hadde
vore hans arm medan dei sat i livd i hans skugge midt
imillom folki. **(Sheol h7585)** 18 Kven likjest du soleis på i
herlegdom og storvyrda ibland Eden-trei? - So skal du
då verta støypt med Eden-trei ned i nedheimen; midt
imillom u-umskorne skal du liggja med deim som er
slegne i hel med sverd. Dette er Farao og heile hans
ståkande mengd, segjer Herren, Herren.

**32** So hende i det tolvte året, den fyrste dagen i
tolvte månaden, at Herrens ord kom til meg; han
sagde: 2 Menneskjeson! Set i med ein syrgjesong yver
Farao, egyptarkongen, og seg til honom: Ei ungløva
millom folki vilde du vera lik, og so var du som draken i
havet, og du for fram i elvarne dine, og grugga upp
vatnet med føterne dine og rota upp straumarne. 3
So segjer Herren, Herren: Eg vil då breida ut garnet
mitt yver deg i ei samling av mange folkeslag, og dei
skal draga deg upp med noti mi. 4 Eg vil kasta deg
upp på land og burt på marki vil eg slengja deg, og
eg vil gjeva alle himmelens fuglar tilhelde på deg og
lata dyri på heile jordi metta seg med deg. 5 Eg vil
kasta kjøtet ditt upp på fjelli og fylla dalarne med den
store skrotten din. 6 Og eg vil vatna landet som du
sym i med blodet ditt, heilt upp til fjelli, og bekkjefari
skal verta fulle av deg. 7 Og når let deg slokna, vil
eg breida yver himmelen og klæda hans stjernor i
svart, yver soli vil eg breida skyer, og månen skal ikkje
skina med sitt skin. 8 Alle skinande himmelljos vil eg
klæda i svart for di skuld, og eg vil leggja myrker på
landet ditt, segjer Herren, Herren. 9 Og eg vil lata
mange folkeslag gremmast i hjarta, når eg gjer tjonet
på deg kunnigt millom folki i land som du ikkje kjenner.
10 Eg vil gjera mange folkeslag forfærde yver deg,
og deira kongar skal rysja i holdet yver deg, når eg
svingar mitt sverd framfor augo deira, og dei skal bivra
kvar augneblink, kvar og ein for sitt liv, den dagen
du fell. 11 For so segjer Herren, Herren: Sverdet åt
Babel-kongen skal koma yver deg. 12 Di ståkande
hop vil eg lata falla for sverdi at kjempor, valdsmenner
millom folki alle saman. Og dei skal tyna Egyptarlands
ovmod, og all den ståkande hopen skal verta øydd.
13 Og eg vil rydja ut alt feet frå dei mange vatni, og
ingen manns fot skal heretter grugga deim, og ingi ku-
klauv skal grugga deim. 14 Då vil eg lata vatni deira
minka og løkjerne deira renna som olje, segjer Herren,
Herren, 15 når eg legg Egyptarlandet i øyde og audn
- eit tomt land, av di eg slær ned alle som i det bur.
Og dei skal sanna at eg er Herren. 16 Ein syrgjesong
er dette, og syngja honom skal dei, folke-døtterne
skal syngja honom; um Egyptarland med si ståkande
mengd skal dei kveda det, segjer Herren, Herren. 17
So hende det i det tolvte året, den femtande dagen i
månaden, at Herrens ord kom til meg; han sagde: 18
Menneskjeson! Barma deg yver Egyptarlands ståkande
mengd og send henne ned, henne og døtterne åt
herlege folkeslag, til nedheimen med deim som fer

i gravi. 19 Kven gjeng du no framum i vænleik? Far
ned og få deg læger millom u-umskorne. 20 Ibland
sverdslegne menner skal dei falla. Sverdet er gjeve;
drag henne burt og heile hennar ståkande mengd! 21
Velduge millom kjempor skal tala um honom og hans
hjelpesmenner midt utor helheimen: «Ned er dei farne,
der ligg dei, dei u-umskorne, slegne i hel med sverd.»
(Sheol h7585) 22 Der er Assur og heile hans lyd, rundt
kringum honom er hans graver; alle er dei slegne i
hel, falne for sverd. 23 Han fekk sine graver inst inni
hola, og hans lyd er rundt kringum hans graver; alle
er dei slegne i hel, falne for sverd, dei som breidde
ut skræmsla i landet åt dei livande. 24 Der er Elam
og heile hans ståkande mengd, rundt kringum hans
graver; alle er dei slegne i hel, falne for sverd, dei som
u-umskorne for ned til nedheimen, dei som breidde
ut skræmsla i landet åt dei livande, og bar si skam
med deim som fer ned i gravi. 25 Midt imillom drepne
menner gav dei honom læger med heile hans ståkande
mengd, rundt ikringum honom er hans graver. Alle
er dei u-umskorne, slegne i hel med sverd, di at dei
breidde ut skræmsla i landet åt dei livande, og dei bar
si skam med deim som for ned i gravi; midt imillom
drepne menner vart han lagd. 26 Der er Mesek-Tubal
og heile hans ståkande mengd, rundt kringum honom
er hans graver. Alle er dei u-umskorne, slegne i hel
med sverd, di at dei breidde ut skræmsla i landet åt dei
livande. 27 Skulde dei då ikkje liggja hjå kjempor, hjå
dei falne av dei u-umskorne, som for ned i helheimen
med sin stridsbunad og fekk sverdi sine lagde under
sine hovud, og misgjerningarne sine yver sine bein,
for dei hadde vore ei skræmsla for kjempor i landet
åt dei livande? (Sheol h7585) 28 Og du, midt ibland u-
umskorne skal du verta krasa, og du skal liggja hjå
deim som er slegne i hel med sverd. 29 Der er Edom
med sine kongar og alle sine fyrstar, som, med alt
sitt velde, er lagde hjå deim som er slegne i hel med
sverd. Dei skal liggja hjå dei u-umskorne, og hjå deim
som fer ned i gravi. 30 Der er fyrstarne frå Norderland
alle saman, og alle Sidon-buarne som for ned med
drepne menner og vart til skammar, endå dei i sitt
velde hadde vore til skræmsla, og u-umskorne fekk dei
læger hjå dei som var slegne i hel med sverd. Og dei
bar si skam med deim som fer ned i gravi. 31 Deim
skal Farao sjå, og huggast yver all si ståkande mengd.
Slegne i hel med sverd er Farao og heile hans her,
segjer Herren, Herren. 32 For eg breidde ut rædsla for
honom i landet åt dei livande. Og han skal verta lagd
hjå dei u-umskorne, med deim som er slegne i hel
med sverd, Farao og all hans ståkande mengd, segjer
Herren, Herren.

**33** Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Tala til landslyden din og seg
med deim: Når eg let sverd koma yver eit land, og dei
tek utav folket i landet og set honom til vaktmann åt
seg, 3 og han ser sverdet koma yver landet og blæs i
luren og varar folket, 4 og einkvan høyrer ljomen av
luren, men ikkje let seg vara, og sverdet kjem og tek
honom burt, då skal blodet hans vera på hans eige
hovud; 5 ljomen av luren høyrde han, men let seg
ikkje vara, blodet hans skal kome yver honom sjølv; for
hadde han late seg vara, so hadde han berga livet. 6
Men um vaktmannen ser sverdet koma og ikkje blæs
i luren, og folket ikkje vert vara, og sverdet kjem og
tek burt einkvan av deim, då er han burtteken for si
misgjerning, men blodet hans vil eg krevja av handi åt
vaktmannen. 7 Og, du menneskjeson! Til vaktmann
hev eg sett deg åt Israels-lyden. Når du då høyrer eit
ord frå min munn, so skal du vara deim åt frå meg. 8
Um eg då segjer med den ugudlege: «Du ugudlege,
du skal døy, » og du ikkje talar og varar den ugudlege
for hans åtferd, då skal han, den ugudlege, døy for si
misgjerning, men blodet hans vil eg krevja av di hand.
9 Men um du hev vara den ugudlege for hans åtferd, at
han måtte venda um frå henne, men han vender ikkje
um frå si åtferd, då skal han døy for si misgjerning,
men du hev berga di sjæl. 10 Og du, menneskjeson!
Seg til Israels-lyden: So segjer det: «Våre brot og
våre synder tyngjer på oss, og for deim talmast me
reint burt; kor kann me då liva?» 11 Seg med deim:
So sant som eg liver, segjer Herren, Herren, eg hev
ikkje hugnad i det at den ugudlege døyr, men i det at
den ugudlege vender um frå si åtferd og liver. Vend
um, vend um frå dei vonde vegarne dykkar! For kvi
vil de døy, du Israels-lyd? 12 Og du, menneskjeson!
Seg med ditt folks born: Rettferdig manns rettferd skal
ikkje frelsa honom på hans misgjerds-dag, og ugudleg
manns gudløysa skal ikkje fella honom den dagen han
vender um frå si gudløysa, og ein rettferdig skal ikkje
kunna liva ved si rettferd den dagen han syndar. 13
Når eg segjer med den rettferdige at han skal liva, men
han lit på si rettferd og gjer urett, då skal alle hans
rettferdige verk verta gløymde, og for sin urett som
han gjorde, skal han døy. 14 Og når eg segjer til den
ugudlege: «Du skal døy, » og han vender um frå si
synd og gjer rett og rettferd, 15 so han, den gudlause,
gjev pant attende, kjem att med rana gods, ferdast i
livsens bod, so han ikkje gjer urett, då skal han liva,
han skal ikkje døy. 16 Alle synderne som han hev gjort,
skal vera gløymde. Rett og rettferd hev han gjort, liva
skal han. 17 Mitt folks born segjer: «Herrens åtferd er
ikkje rett, » endå at det er deira eigi åtferd som ikkje
er rett. 18 Når ein rettferdig vender um frå si rettferd

og gjer urett, so skal han døy for det. 19 Og når den
gudlause vender um frå si gudløyse og gjer rett og
rettferd, so skal han få liva for det. 20 Endå segjer de:
«Herrens åtferd er ikkje rett.» Eg vil døma dykk kvar
etter si åtferd, du Israels-lyd. 21 So hende det i det
tolvte året etter me var burtførde, den femte dagen i
den tiande månaden, at dei undanslopne frå Jerusalem
kom til meg og sagde: «Byen er teken.» 22 Men
Herrens hand var komi yver meg um kvelden, fyrr dei
undanslopne kom; og han let upp munnen min innan
dei kom til meg um morgonen. So var då munnen min
upplaten, og eg var ikkje mållaus meir. 23 Og Herrens
ord kom til meg; han sagde: 24 Menneskjeson! Dei
som bur millom desse røysarne i Israelslandet, dei
segjer: «Abraham var berre ein, og han fekk landet til
eiga, men me er mange, oss er landet gjeve til eiga.»
25 Seg difor med deim: So segjer Herren, Herren: De
et kjøtet med blodet i og retter augo dykkar etter dei
ufysne avgudarne dykkar, og renner ut blod - og de
skulde eiga landet! 26 De lit på dykkar sverd, de fer
med skjemdarverk, og skjemmer konorne åt kvarandre
- og de skulde eiga landet? 27 So skal du segja med
deim: So segjer Herren, Herren: So sant som eg liver,
skal dei som bur millom røysarne falla for sverd, og
den som er på marki, gjev eg til mat åt udyri, og dei
som held på knausar og i hellerar, skal døy av sott. 28
Og eg vil leggja landet i audn og øyde, og det skal vera
ute med ovmodet og magti hjå det, og Israels heidar
skal liggja i øyda, so ingen ferdast der. 29 Og dei skal
sanna at eg er Herren, når eg legg landet i audn og
øyde for alle deira skjemdarverk, som dei hev gjort.
30 Og du, menneskjeson! Ditt folks born talar seg imillom
um deg frammed veggjerne og i husdørerne, og segjer
med kvarandre, den eine med den andre: «Kom, lat
oss høyra kva for eit ord det er som no gjeng ut frå
Herren!» 31 Og dei kjem åt deg, nett som eit heilt folk
kjem, og set seg framfor di åsyn og læst vera mitt folk
og lyder på ordi dine; men dei gjer ikkje etter deim. For
det munnen deira likar, det gjer dei, og etter vinning fer
deira hjarte. 32 Og sjå, du er som eit elskhugskvæde
åt deim, som ein songar med vænt mål og ljuvlegt
spel. Og dei lyder på ordi dine, men gjer ikkje etter
deim. 33 Men når det kjem - og koma skal det - då
skal dei sanna at ein profet hev vore millom deim.

**34** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Spå mot Israels hyrdingar! Spå
og seg med deim, med hyrdingarne: So segjer Herren,
Herren: Usæle Israels hyrdingar som røktar seg sjølve!
Er det ikkje hjordi hyrdingen skal røkta? 3 Feita et de,
og med ulli klæder de dykk, og det gjødde slagtar de;
hjordi gjæter de ikkje. 4 Det veike hev de ikkje styrkt,
og det sjuke hev de ikkje lækt, det beinbrotne hev de
ikkje bunde um, og det burtdrivne hev de ikkje sanka,
og det burtkomne hev de ikkje leita upp, men de hev
fare hardt fram mot deim og med vald. 5 Og dei vart
spreidde, av di dei var hyrdinglause, og dei vart til
føda åt kvart villdyr på marki, og spreidde vart dei. 6
Forvilla fer sauerne mine på alle fjell og på alle høge
hamrar, og utyver alt landet er sauerne mine spreidde,
og ingen spør etter deim, og ingen leitar. 7 Difor, de
hyrdingar, høyr Herrens ord! 8 So sant som eg liver,
segjer Herren, sanneleg, etter di sauerne mine er vorte
til eit ran, ja, sauerne mine er vortne til føda for åt kvart
villdyr på marki, og hyrdingarne mine ikkje spurde etter
sauerne mine, men hyrdingarne røkta seg sjølve og
ikkje røkta sauerne mine - 9 difor, de hyrdingar, høyr
Herrens ord! 10 So segjer Herren, Herren: Sjå, eg vil
finna hyrdingarne og krevja sauerne mine av deira
hand og taka frå deim gjætsla, so hyrdingarne ikkje
lenger skal røkta seg sjølve. Og eg vil berga sauerne
mine frå deira munn, so dei ikkje skal verta til føda
åt deim. 11 For so segjer Herren, Herren: Sjå, her er
eg sjølv, og eg vil spyrja etter sauerne mine og sjå til
deim. 12 Likeins som ein hyrding ser til si hjord den
dagen han er millom dei spreidde sauerne sine, soleis
vil eg sjå til sauerne mine. Og eg vil berga deim frå alle
stader der dei er spreidde på ein dag med skyer og
myrkeskodda. 13 Og eg vil føra deim ut ifrå folkeslagi
og sanka deim ut or landi, og føra deim til deira eige
land; og eg vil gjæta deim i Israelsfjelli, i dalarne og på
alle bustader i landet. 14 I ei god gjætslemark vil eg
gjæta deim, og i Israels høge fjell skal deira hamning
vera. Der skal dei roa seg i ei god hamning og ganga
i feit beitemark i Israelsfjelli. 15 Eg sjølv vil gjæta
sauerne mine, og eg vil få deim til å roa seg, segjer
Herren, Herren. 16 Det burtkomne vil eg leita upp, og
det burtdrivne vil eg sanka, og det beinbrotne vil eg
binda um, og det sjuke vil eg styrkja. Men det feite og
det sterke vil eg tyna; rett vil eg røkta deim. 17 Og de,
sauerne mine - so segjer Herren, Herren -: Sjå, eg
dømer millom sauer og sauer, millom verar og bukkar.
18 Er det ikkje nok åt dykk å ganga i det beste beite,
sidan de trakkar ned med føterne det som stend att på
beitet dykkar? Er det ikkje nok at de drikk det klåraste
vatnet, sidan de rotar upp med føterne det som er
att? 19 Og sauerne mine, dei lyt eta det som de hev
trakka med føterne, og drikka det de hev rota upp med
føterne. 20 Difor, so segjer Herren, Herren med deim:
Sjå, her er eg sjølv, og eg vil døma millom dei feite
sauerne og dei magre sauerne. 21 Etter di de trengjer
alle dei veike undan med sida og bog og stangar deim
med horni dykkar, til de fær spreidt deim og jaga deim
av, 22 so vil eg berga sauerne mine, og dei skal ikkje
lenger vera til ran, og eg vil døma millom sauer og

sauer. 23 Og eg vil reisa upp ein einaste hyrding yver
deim, og han skal gjæta deim, min tenar David. Han
skal gjæta deim, og han skal vera deira hyrding. 24
Eg, Herren, skal vera deira Gud, og min tenar David
skal vera fyrste millom deim. Eg, Herren, hev tala. 25
Og eg vil gjera ei fredspakt med deim og rydja ut udyr
or landet, so dei trygt kann bu i øydemarki og sova i
skogarne. 26 Og til ei velsigning vil eg gjera deim og
landet rundt ikring min haug, eg vil lata det regna i rett
tid, eit regn til velsigning skal det vera. 27 Og trei på
marki skal gjeva si frukt, og jordi skal gjeva si grøda, og
dei skal hava det trygt i landet sitt. Og dei skal sanna at
eg er Herren, når eg bryt sund stengerne i oket deira,
og frelsar deim frå deira hender som trælka deim. 28
Og dei skal ikkje lenger vera eit ran for folki, og villdyri
i landet skal ikkje eta deim upp. Men trygt skal dei bu,
og ingen skal skræma deim. 29 Og eg vil laga til ein
namngjeten plantehage åt deim, og dei skal aldri meir
verta burtrykte av hunger i landet, og aldri meir skal dei
tola hæding frå heidningfolki. 30 Og dei skal sanna at
eg, Herren, deira Gud, er med deim, og at dei, Israels-
lyden, er mitt folk, segjer Herren, Herren. 31 Og de,
sauerne mine, sauerne som eg beiter, menneskje er
de. Eg er dykkar Gud segjer, Herren, Herren.

**35** Og Herrens ord kom til meg; han sagde: 2
Menneskjeson! Vend di åsyn mot Se'irfjellet og
spå imot det. 3 Og du skal segja med det: So segjer
Herren, Herren: Sjå, eg vil finna deg, Se'irfjell, og eg
vil retta ut mi hand imot deg og leggja deg i audn og
øyde. 4 Byarne dine vil eg gjera til steinrøysar, og du
sjølv skal verta ei audn. Og du skal sanna at eg er
Herren. 5 Etter di du ber på ein æveleg fiendskap
og let Israels-borni koma under sverds-egg i deira
usæletid, den tidi då misgjerningi laut enda, 6 difor, so
sant eg liver, segjer Herren, Herren, til blod vil eg gjera
deg, og blod skal søkja på deg. Sidan du ikkje hev
hata blod, so skal blod søkja på deg. 7 So vil eg då
leggja Se'irfjellet i audn og øyde, og eg vil rydja ut or
det både komande og farande. 8 Og eg vil fylla fjelli
med slegne menner. På dine haugar og i dine dalar og
i alle dine gil skal menner falla, slegne med sverd. 9
Til ævelege audner vil eg gjera deg, og byarne dine
skal ikkje atter verta bustader, og de skal sanna at
eg er Herren. 10 For di du sagde: «Båe folki og båe
landi skal verta mine, og eg vil taka deim til eiga, »
endå Herren hev vore der, 11 difor, so sant eg liver,
segjer Herren, Herren, vil eg gjera med deg etter den
vreiden og ovundi som du hev synt i ditt hat imot deim,
og eg skal verta kjend hjå deim når eg dømer deg.
12 Og du skal sanna at eg Herren. Eg hev høyrt alle
hæde-ordi dine, som du hev tala mot Israelsfjelli, då du
sagde: «Dei er i øyde lagde! dei er gjevne åt oss til
mat.» 13 Og de hev bruka munnen mot meg i ovmod
og var ordrame mot meg; eg hev nok høyrt det. 14 So
segjer Herren, Herren: Medan all jordi fagnar seg, vil
eg leggja deg i øyde. 15 Likeins som du fagna deg yver
arvluten åt Israels-lyden, at han vart avøyd, so vil eg
gjera med deg; til audn skal du verta, du Se'irfjell, og
alt Edom - alt i hop, og dei skal sanna at eg er Herren.

**36** Og du menneskjeson! Spå um Israelsfjelli! Og du
skal segja: Det Israelsfjell, høyr Herrens ord! 2
So segjer Herren, Herren: For di fienden sagde: «Hå,
hå!» yver dykk, og: «Dei ævelege haugar hev vorte vår
eiga, » 3 difor spå og seg: So segjer Herren, Herren:
Etter di, ja, etter di dei avøyder dykk og glefser etter
dykk frå alle leider, so hine folki kann eigna dykk til seg,
og etter di de er komne på folketunga og hev fenge eit
låkt ord på dykk ibland folk, 4 difor, de Israelsfjell, høyr
Herrens, Herrens ord! So segjer Herren, Herren, med
fjelli og med haugarne, med gili og dalarne og med
røysarne på dei aude tufterne og med øydebyarne
som hev vorte til ran og spott for hine folki som er der
ikring, 5 difor, so segjer Herren, Herren: Sanneleg,
i min brennande harm hev eg tala mot hine folki og
mot Edom, som hev etla seg landet mitt til eiga - med
heile si hjartans gleda, med vanvyrdnad i si sjæl - so
dei kunde driva ut deim som budde der og so rana
det. 6 Difor, spå um Israels land og seg med fjelli og
med haugarne, med gili og med dalarne: So segjer
Herren, Herren: Sjå, i mitt åbry og i min harm hev eg
tala, etter di de hev lote tolt skjemsla frå folki. 7 Difor,
so segjer Herren, Herren: Eg rette handi mi i veret på
det: Sanneleg, folki som bur kringum dykk, skal sjølv
ljota bera si skjemsla! 8 Men de, Israelsfjell, skal skjota
dykkar greiner og bera dykkar frukt åt mitt folk Israel;
for snart skal dei koma heim att. 9 For sjå, eg vil finna
dykk, eg vil snu meg åt dykk, og de skal verta dyrka og
sådde. 10 Og eg vil føra ei mengd med menneskje upp
på dykk, all Israels-lyden, og byarne skal atter få folk,
og øydestaderne verta bygde å nyo. 11 Og eg vil gjera
dykk rike på folk og fe, og dei skal aukast og verta rike
på avkjøme. Og eg vil gjeva dykk folkerike bygder som
fyrr i tidi, og eg vil gjera dykk endå meir godt enn i
dykkar fyrste tider, og de skal sanna at eg er Herren.
12 Og eg vil lata menneskje, mitt folk Israel, ferdast på
dykk, dei skal taka deg til eiga, og du skal vera deira
odel. Og du skal aldri meir gjera deim barnlause. 13
So segjer Herren, Herren: Etter di dei segjer um deg:
«Ein mann-etar er du, og barnlaus hev du gjort dine
folk, » 14 difor skal du aldri meir eta menneskje og
aldri meir gjera folki dine barnlause, segjer Herren,
Herren. 15 Og aldri meir let eg deg høyra skjemsla
frå folki, og vanvyrdnad frå folkeslagi skal du aldri

meir turva tola, og folki dine skal du aldri meir få til
å snåva, segjer Herren, Herren. 16 Og Herrens ord
kom til meg; han sagde: 17 Menneskjeson! Israels-
lyden budde i landet sitt, og dei sulka det med si åtferd
og sine verk; som ureinskapen hjå kvinna når ho hev
sine tider, so var deira åtferd for mi åsyn. 18 Då rende
eg ut min harm yver deim for det blod som dei hadde
rent ut yver landet, og for di dei hadde sulka det med
dei ufysne avgudarne sine. 19 Og eg spreidde deim
millom folki, og dei vart strådde i landi; etter deira
åtferd og verk dømde eg dei. 20 Då dei kom til dei
folki som dei for til, då vanhelga dei mitt heilage namn,
med di det vart sagt um deim: «Dette er Herrens folk,
men ut or landet hans laut dei fara.» 21 Då gjorde det
meg ilt for mitt heilage namn som Israels-lyden hadde
vanhelga millom dei folki som dei var komne til. 22 Seg
difor med Israels-lyden: so segjer Herren, Herren: Ikkje
for dykkar skuld, du Israels-lyd, gjer eg det, men for
mitt heilage namn skuld, som de hev vanhelga millom
dei folki som de er komne til. 23 Og eg vil helga mitt
store namn som vart vanhelga millom folki med di de
vanhelga det ibland deim. Og folki skal sanna at eg er
Herren, segjer Herren, Herren, når eg helgar meg på
dykk for augo deira. 24 Og eg vil henta dykk frå folki og
sanka dykk ut or alle landi og flytja dykk til dykkar eige
land. 25 Og eg vil skvetta reint vatn på dykk, so de vert
reine; frå all dykkar ureinska og frå alle dykkar ufysne
avgudar vil eg reinsa dykk. 26 Og eg vil gjeva dykk eit
nytt hjarta, og ei ny ånd vil eg gjeva inni dykk, og eg vil
taka burt steinhjarta or dykkar kjøt og gjeva dykk eit
kjøthjarta. 27 Og min ande vil eg gjeva inni dykk, og eg
vil få dykk til å ferdast i mine bod og til å halda loverne
mine og gjera etter deim. 28 Og de skal bu i det landet
som eg gav federne dykkar. Og de skal vera mitt folk,
og eg skal vera dykkar Gud. 29 Og eg vil fria dykk frå
all dykkar ureinska. Og eg vil kalla på kornet og gjera
det follrikt og ikkje senda svolt på dykk. 30 Og eg vil
mangfalda frukti på trei og grøda på marki, so de ikkje
lenger skal taka mot skjemsla frå folki for svolt. 31 Då
skal de minnast dykkar vonde åtferd og dykkar verk,
som ikkje var gode. Og de skal styggjast ved dykk
sjølve for dykkar misgjerningar og styggjor. 32 Ikkje
for dykkar skuld gjer eg det, segjer Herren, Herren,
det vere dykk kunnigt! De må blygjast og skjemmast
av åtferdi dykkar, du Israels-lyd. 33 So segjer Herren,
Herren: Den dagen eg reinsar dykk frå alle dykkar
misgjerningar, vil eg gjeva byarne folk, og husi som ligg
i røysar, skal verta uppatt-bygde. 34 Og øydeland skal
verta dyrka, i staden for at det var ei audn for augo på
kvar mann som gjekk framum. 35 Då skal dei segja:
«Dette land som var i øyde lagt, er vorte som Eden-
hagen, og byarne som låg i røyser og var øydelagde
og nedrivne, er no kringmura og hev sine ibuarar.» 36
Og dei skal sanna, dei folki som vert att rundt ikring
dykk, at eg, Herren, hev bygt upp att det nedrivne, hev
planta i det aude landet. Eg, Herren, hev tala, og eg
set det i verk. 37 So segjer Herren, Herren: I dette
og vil eg lata Israels born finna meg, so eg gjer det
for deim: Eg let menneskje aukast som ein saueflokk.
38 Som ein heilag saueflokk, som Jerusalems-sauer i
høgtiderne, soleis skal dei aude byarne verta: fulle
med manneflokkar. Og dei skal sanna at eg er Herren.

**37** Herrens hand kom yver meg, og han førde meg
i Herrens ande og sette meg ned midt i dalen,
som no var full av bein. 2 Og han let meg ganga
framum deim rundt ikring, og sjå, det var ei ovmengd
av deim utyver dalen, og sjå, dei var ovleg turre. 3
Og han sagde med meg: «Menneskjeson! Skal tru dei
vil livna upp att, desse beini?» Og eg sagde: «Herre,
Herre, du veit det.» 4 Og han sagde med meg: «Spå
yver desse beini! Og seg med deim: De turre bein,
høyr Herrens ord! 5 So segjer Herren, Herren, med
desse beini: Sjå, eg let ånd koma i dykk, og de skal
livna upp att. 6 Og eg vil setja senar på dykk og lata
det koma kjøt på dykk og draga hud yver utanpå dykk
og gjeva ånd i dykk, og de skal livna upp att. Og de
skal sanna at eg er Herren.» 7 Og eg spådde so som
eg var fyresagd. Då vart det ei skråving medan eg
spådde, og sjå, det tok til å braka, og beini drog seg
imot kvarandre, bein til bein. 8 Og eg såg, og sjå,
det kom senar og kjøt på deim, og det drog seg hud
utanpå deim. Men ånd var det ikkje i deim. 9 Og han
sagde med meg: «Spå til anden! Spå, menneskjeson,
og seg med anden: So segjer Herren, Herren: Kom,
du ande, frå dei fire vindar og anda på desse drepne
menner, so dei kann livna upp att!» 10 Og eg spådde
so som han sette meg til. Og anden kom i deim, og
dei livna, og dei stod på føterne sine, ein ovleg, ovleg
stor her. 11 Og han sagde med meg: «Menneskjeson!
Desse beini, dei er heile Israels-lyden. Sjå, dei segjer:
«Turre er våre bein; vår von vart um inkje, det er ute
med oss.» 12 Spå difor og seg med deim: So segjer
Herren, Herren: Sjå, eg opnar graverne dykkar og let
dykk, lyden min, risa upp or graverne dykkar, og eg
vil føra dykk til Israels land. 13 Og de skal sanna at
eg er Herren når eg opnar graverne dykkar og let
dykk, folket mitt, risa upp or graverne dykkar. 14 Og eg
vil senda min ande i dykk, og de skal livna upp att,
og eg vil lata dykk få bu i landet dykkar. Og de skal
sanna at eg er Herren; eg hev tala og vil setja det i
verk, segjer Herren.» 15 Herrens ord kom til meg; han
sagde: 16 Og du, Menneskjeson! Tak deg ein trestav
og skriv på honom: «For Juda og dei Israels-born som
er med honom.» Og tak deg ein annan stav og skriv på

honom: «For Josef, ein stav for Efraim og all Israels-
lyden som er med honom!» 17 Legg deim so i hop, ein
attåt hin, so du fær deim til ein stav, og dei vert til eitt
i handi di. 18 Og når landsmennerne dine segjer til
deg: «Vil du ikkje lata oss få vita kva du meiner med
dette?» 19 tala då til deim: «So segjer Herren, Herren:
Sjå, eg tek Josefs stav, som er i Efraims hand, og
Israels ætter som er med honom, og eg legg deim
attåt Judas stav og gjer deim til ein stav, so dei vert til
eitt i handi mi.» 20 Og stavarne som du skriv på, skal
du halda i handi di framfor augo på deim. 21 Og du
skal tala til deim: «So segjer Herren, Herren: Sjå, eg
tek Israels-borni burt frå dei folki som dei for til, og
eg vil samla deim frå alle stader og føra deim inn i
landet sitt. 22 Og eg vil gjera deim til eitt folk i landet,
på Israelsfjelli, og ein konge skal vera konge yver deim
alle, og dei skal aldri meir vera tvo folk, og aldri meir
vera sundbytte i tvo rike. 23 Og dei skal aldri meir sulka
seg med dei ufysne avgudarne sine og med styggjorne
sine eller med nokor av alle misgjerningarne sine. Og
eg vil fri deim ut frå alle sine bustader, der dei hev
synda, og eg vil reinsa deim, og dei skal vera mitt
folk, og eg vil vera deira Gud. 24 Og min tenar David
skal vera konge yver deim, og ein hyrding skal vera åt
deim alle. Og i mine lover skal dei ferdast, og mine
bod skal dei halda og gjera etter deim. 25 Og dei skal
bu i det landet som eg gav min tenar Jakob, der som
federne dykkar budde. Dei skal bu i det, dei sjølve og
borni deira og barneborni deira, æveleg, og David, min
tenar, skal vera deira fyrste, æveleg. 26 Og eg vil gjera
ei fredspakt med deim, ei ævepakt med deim skal det
vera. Og eg vil busetja deim og lata deim aukast og
setja min heilagdom midt ibland deim æveleg. 27 Og
min bustad skal vera yver deim, og eg skal vera deira
Gud, og dei skal vera mitt folk. 28 Og folki skal sanna
at eg er Herren som helgar Israel, når min heilagdom
vert verande millom deim æveleg.»

**38** Og Herrens ord kom til meg; han sagde:
2 Menneskjeson! Vend di åsyn mot Gog i
Magoglandet, fyrste yver Ros, Mesek og Tubal, og spå
mot honom! 3 Og du skal segja: So segjer Herren,
Herren: Sjå, eg vil finna deg, Gog, fyrste yver Ros,
Mesek og Tubal. 4 Og eg vil snu deg um og krøkja
krokar i munnvikarne dine og føra deg ut med all din
her, hestar og ridarar, i full herbunad alle saman, ein
heil mannfjølde med store skjoldar og små, med sverd
i hand alle saman. 5 Persar og ætiopar og putæar
er med deim, alle saman med skjold og hjelm, 6
Gomer og alle hans herskarar, Togarma-lyden, lengst
or Norderland og alle hans herskarar; mange folkeslag
hev du med deg. 7 Herbu deg og gjer deg reidug,
du og alle herflokkarne dine, som hev samla seg til
deg, og du må varda deim vel. 8 Etter mange dagar
kjem turen til deg, når åri renn ut, skal du koma til eit
land som er berga undan for sverd, sanka frå mange
folkeslag, uppå Israelsfjelli, som stødt låg i øyde. Men
no er det ført ut frå folkeslagi, og trygt bur dei alle
saman. 9 Og du skal draga dit upp; som ei stormflaga
skal du koma, som ei sky skal du vera til å skyla landet,
du og alle herskararne dine og mange folkeslag med
deg. 10 So segjer Herren, Herren: Og det skal henda
den dagen, at ord skal koma upp i ditt hjarta, og du
skal tenkja ein illrådig tanke 11 og segja: «Eg vil fara
upp mot eit land utan verjevollar, eg vil koma på desse
som er i ro, som bur trygt: alle saman bur dei utan
verjemur, og bommar og portar vantar dei.» 12 Til å
rana ran og gjera herfang er du komen, og til å leggja
di hand på uppatt-bygde øydestader, mot eit folk som
er sanka frå folkeslag, og som el seg til bufe og gods,
som er busett på jord-navlen. 13 Sjeba og Dedan og
kjøpmenner frå Tarsis og alle deira ungløvor skal segja
med deg: «Kjem du hit og vil rana ran? Hev du drege i
hop dine herskarar til å gjera herfang, til å føra burt
sylv og gull, til å taka bufe og gods, til å rana ran i
det store?» 14 Difor, spå, menneskjeson, og seg med
Gog: So segjer Herren, Herren: Den dagen då mitt
folk Israel bur trygt, skal du då ikkje få vita det? 15
Og du skal koma frå din stad langt nord i heimen, du
og mange folkeslag med deg, ridande på hestar alle
saman, ein stor skare og veldug her. 16 Og du skal
fara upp mot mitt folk Israel og skyla landet med ei
sky. I dei siste dagarne skal det henda, då let eg deg
koma yver landet mitt, so folkeslagi skal læra å kjenna
meg, når eg syner min heilagdom på deg, Gog, framfor
augo på deim. 17 So segjer Herren, Herren: Er det du
som eg tala um i forne dagar gjenom mine tenarar,
profetarne i Israel, som spådde i dei dagarne, år for år,
at eg vilde lata deg koma yver deim? 18 Og det skal
henda den same dagen, den dagen Gog kjem yver
Israelslandet, segjer Herren, Herren, då skal harmen
min koma upp i mi nos. 19 Og i min brennhug, i min
logande vreide talar eg: Sanneleg, den dagen skal
det vera ein stor jordskjelv yver Israelslandet. 20 Og
skjelva for mi åsyn skal fiskarne i havet og fuglarne
under himmelen og dyri på marki og alt kreket som
krek på jordi og kvart eit menneskje som er på jord-yta.
Og rivna skal fjelli, og rynja skal hamrarne, og kvar ein
mur skal falla til jordi. 21 Og eg vil kalla sverd imot
honom på alle mine fjell, segjer Herren, Herren; sverd
skal dei svinga mot kvarandre. 22 Og eg vil halda dom
yver honom med sott og med blod. Og hyljande regn
og haglande steinar, eld og svåvel vil eg lata regna
yver honom og yver hans herskarar og yver dei mange

folkeslag som er med honom. 23 Og eg vil syna meg
stor og heilag og gjera meg kjend for augo på mange
folkeslag. Og dei skal sanna at eg er Herren.

39 Og du, menneskjeson! Spå mot Gog og seg: So
segjer Herren, Herren: Sjå, eg vil finna deg, Gog,
fyrste yver Ros, Mesek og Tubal. 2 Og eg vil snu deg
um og jaga deg fram og få deg til å koma upp, lengst
or Norderland, og lata deg koma upp på Israelsfjelli.
3 Og eg vil slå bogen din utor vinstre handi og lata
pilerne dine detta utor høgre handi. 4 På Israelsfjelli
skal du falle, du og all herskararne dine og folkeslagi
som er med deg. Til rovfuglar av alle slag og til villdyri
på marki gjev eg deg til mat. 5 Utyver marki skal du
falla; for eg hev tala, segjer Herren, Herren. 6 Og
eg vil senda eld på Magog og på dei som bur trygt i
øylandi. Og dei skal sanna at eg er Herren. 7 Og mitt
heilage namn vil eg gjera kunnigt midt ibland mitt folk
Israel, og aldri meir vil eg lata mitt heilage namn verta
vanhelga, og folkeslagi skal sanna at eg er Herren,
heilag i Israel. 8 Sjå, det kjem, og det hender, segjer
Herren, Herren; det er dagen som eg hev tala um. 9
Då skal dei som bur i Israels-byarne ganga ut og gjera
upp eld og kveikja upp med herbunader; både med
store skjoldar og med små, med bogar og med piler og
med stavar og mot spjot. Og med dette til brennefang
skal dei elda i sju år. 10 Dei skal ikkje henta ved or
marki og ikkje hogga i skogarne, for dei skal elda
med herbunaderne. Og dei skal rana sine ransmenner
og herja sine herjarar, segjer Herren, Herren. 11 Og
det skal henda same dagen, at eg vil gjeva Gog ein
gravstad i Israel, Ferdamannsdalen austum havet, og
han skal stengja vegen for ferdafolket. Der skal dei
gravleggja Gog og heile mannemugen hans, og dei
skal kalla det Gogs-muge-dalen. 12 I sju månader
skal Israels-lyden jorda deim, det skal vera til å reinsa
landet. 13 All landslyden skal jorda deim, og det
skal gjera deim namnfræge den dagen eg syner meg
herleg, segjer Herren, Herren. 14 Og dei skal velja
ut menner som stødt skal fara um i landet og jorda
deim som der hadde fare fram, deim som hadde vorte
liggjande etter utyver jordi; det skal vera til å reinsa
det. Når sju månader er lidne, skal dei taka til med
leitingi. 15 Når då yverfararane fer um i landet og fær
sjå eit mannebein, skal dei setja upp et merke attmed
det til gravarane fær grave det ned i Gogs-muge-dalen.
16 Ogso eit bynamn skal vera Hamona. Soleis skal
dei reinsa landet. 17 Og du, menneskjeson! So segjer
Herren, Herren: Seg med kvar fljugande fuglen og
kvart eit udyr på marki: Samla dykk saman og kom!
Sanka dykk frå alle stader til slagtofferet mitt, som eg
hev slagta åt dykk, eit stort slagtoffer på Israelsfjelli.
Og de skal eta kjøt og drikka blod. 18 Kjøt av kjempor
skal de få eta, og blod frå fyrstar på jord skal de få
drikka; verar, lamb og bukkar og uksar, gjødde i Basan
alle i hop. 19 De skal få eta feitt til de vert mette, og
drikka blod til det vert drukne, av slagtofferet mitt som
eg slagtar åt dykk. 20 Og de skal verta mette ved mitt
bord med ridehestar og vognhestar, med kjempor og
hermenner av alle slag, segjer Herren, Herren. 21
Og eg vil syna mitt storvelde millom folki, og alle folki
skal sjå min dom, som eg hev halde, og mi hand,
som eg hev lagt på deim. 22 Og Israels-lyden skal
sanna at eg er Herren, deira Gud, frå den dagen og
framleides. 23 Og folkeslagi skal skyna at det var for
sine misgjerningar Israels-lyden vart burtførd, for di dei
for med svik imot meg, so eg laut løyna mi åsyn for
deim og gjeva deim i fiendehand, so dei fall for sverd
alle saman. 24 Etter deira ureinskap og misgjerningar
for eg fram imot deim og løynde mi åsyn for deim. 25
Difor, so segjer Herren, Herren: No vil eg enda Jakobs
fangetid og miskunna all Israels-lyden, og eg vil vera
ihuga for mitt heilage namn. 26 Og dei skal bera si
skjemsla og all si utrue framferd mot meg, når dei
bur trygt i landet sitt, og ingen skræmer deim. 27 Når
eg fører deim tilbake frå folkeslagi og sankar deim or
fiendelandi og helgar meg på deim for augo på dei
mange folk, 28 då skal dei sanna at eg er Herren, deira
Gud, med di at eg førde deim burt til folkeslagi, men
samlar deim no inn i deira eige land og ikkje leiver ein
einaste av deim etter meg der. 29 So vil eg aldri meir
løyna mi åsyn for deim, for eg hev rent ut min ande
yver Israels-lyden, segjer Herren, Herren.

40 I det fem og tjugande året etter me vart burtførde,
ved nyårsleite, den tiande dagen i månaden,
i det fjortande året etter byen vart teken - nett den
dagen kom Herrens hand yver meg, og han førde meg
dit burt. 2 I syner frå Gud førde han meg til Israelsland.
Og han sette meg ned på eit ovhøgt fjell, og uppå det
var det liksom ein uppbygd by i sud. 3 Og han førde
meg dit burt. Og sjå, der var det ein mann, og han var
sjåande til mest som kopar, og han heldt eit linsnøre i
handi og ei mælestong. Og han stod i porten. 4 Og
mannen tala til meg: «Menneskjeson! Sjå med augo
dine og lyd etter med øyro dine og hugfest alt det eg
syner deg! For du er førd hit so eg kann få syna deg
det. Kunngjer for Israels-lyden alt det du ser!» 5 Og
sjå, det var ein mur utanum huset rundt ikring. Og
mannen heldt mælestongi i handi, ho var seks alner
lang, kvar aln ei handbreidd lenger enn ei vanleg aln.
Og han mælte breiddi på muren: ei stong, og høgdi: ei
stong. 6 So kom han åt ein port som snudde i aust,
og han steig uppetter troppestigi. Og han mælte ein
dørstokk i porten: ei stong breid, og so ein dørstokk til:
ei stong breid. 7 Og kvart vaktrom var ei stong langt

og ei stong breidt. Og millom vaktromi var det fem
alner. Og dørstokken i porten innmed forhalli i porten
innvendes var ei stong. 8 Han mælte forhalli i porten
innvendes; ei stong. 9 Og han mælte forhalli i porten:
åtte alner, og stolparne hans: tvo alner. Og forhalli i
porten låg på innsida. 10 Og vaktromi i porten mot aust
var tri på kvar sida, alle tri like store. Og stolparne på
båe sidorne var like store. 11 So mælte han dørviddi
på porten: ti alner, og lengdi på porten: trettan alner.
12 Og det var ei sval på ein aln framfor vaktromi, og ei
sval på ei aln på hi sida. Og kvart vaktrom var seks
alner på den eine sida og seks alner på hi. 13 So
mælte han porten frå taket på det eine vaktromet til
taket på hitt. Breiddi var fem og tjuge alner. Dør var mot
dør. 14 Og han gjorde stolparne seksti alner. Og burtåt
stolparne rakk fyregarden, med porten rundt ikring.
15 Og frå framsida på inngangsporten til framsida på
forhalli i den indre porten var det femti alner. 16 Og
det var vindaugo med fast grind fyre på vaktromi og
på stolparne deira innantil imot porten rundt ikring, og
likeins på hallerne. Og soleis var det vindaugo rundt
ikring innantil, og på stolparne var det palmor. 17 So
let han meg koma til den ytre fyregarden, og sjå, der
var kovar og eit steinlagt golv i fyregarden rundt ikring.
Det var tretti kovar på steingolvet. 18 Og steingolvet
var frammed sideveggjerne på portarne, jamlangt med
portlengderne; det var det lægre steingolvet. 19 Han
mælte breiddi frå framsida åt den nedre porten til den
ytre framsida åt den indre fyregarden: eit hundrad
alner austetter og nordetter. 20 So mælte han lengdi
og breiddi på den porten som snudde i nord, på den
ytre fyregarden. 21 Den og hadde tri vaktrom på kvar
sida, og likeins stolpar og haller like store som i den
fyrste porten; femti alner lang og fem og tjuge alner
breid. 22 Og vindaugo og hallerne og palmorne her var
like stor som i den porten som vende i aust. Og dei
steig upp i porten på sju troppestig, og hallerne låg
framanfor deim. 23 Og ein port til den indre fyregarden
var der midt imot porten i nord og i aust, og han mælte
eit hundrad alner frå ein port til hin. 24 So let han meg
ganga sudetter, og sjå, der var ein port som snudde
i sud. Og han mælte stolparne og hallerne der og;
dei heldt same mål som hine. 25 Det var vindaugo
på honom og på hallerne rundt ikring, likeins som dei
andre vindaugo. Han var femti alner lang og fem og
tjuge alner breid. 26 Og troppi der hadde sju stig, og
hallerne var framanfor deim, og på stolparne var det
palmor, ein på kvar sida. 27 Og det var ein port til
den indre fyregarden på sudsida. Og han mælte frå
denne porten til sudporten: eit hundrad alner. 28 So
let han meg koma til den indre fyregarden gjenom
sudporten. Og han mælte sudporten: han heldt same
mål som hine. 29 Og vaktromi og stolparne og hallerne
der heldt same mål som hine. Og det var vindaugo
på honom og på hallerne rundt ikring. Han var femti
alner lang og fem og tjuge alner breid. 30 Og det
var haller rundt ikring: fem og tjuge alner lange og
fem alner breide. 31 Og hallerne der låg utåt den ytre
fyregarden. Og på stolparne var det palmor. Og troppi
hadde åtte stig. 32 So let han meg koma til din indre
fyregarden på austsida. Og han mælte porten: han
heldt same mål som hine. 33 Vaktromi og stolparne
og hallerne der heldt same mål som hine. Og det var
vindaugo på honom og på hallerne rundt ikring. Han
var femti alner lang og fem og tjuge alner breid. 34 Og
hallerne der låg ut åt den ytre fyregarden. Og det var
palmor på stolparne på båe sidor. Og troppi hadde
åtte stig. 35 So let han meg koma til nordporten. Og
han mælte honom: han heldt same mål som hine. 36
Likeins vaktromi, stolparne og hallerne der. Og det var
vindaugo rundt ikring. Han var femti alner lang og fem
og tjuge alner breid. 37 Og stolparne der stod innmed
den ytre fyregarden, og det var palmor på stolparne på
båe sidor. Og troppi hadde åtte stig. 38 Og det var ein
kove med dørgap i portstolparne. Der skulde dei skylja
brennofferet. 39 Og i forhalli åt porten var det tvo bord
på kvar sida til å slagta brennofferet og syndofferet og
skuldofferet på. 40 Og innmed den ytre sideveggen
som snudde i nord, når ein steig upp i port-inngangen,
var det tvo bord, og innmed hin sideveggen på forhalli
åt porten stod det og tvo bord. 41 Det vart då fire bord
innmed kvar sidevegg på porten, soleis åtte i alt. På
deim skulde dei slagta. 42 Og til brennofferet var det
fire bord av tilhoggen stein, ei og ei halv aln lange,
og ei og ei halv aln breide og ei aln høge. På deim
skulde dei leggja ambodi til å slagta brennofferet og
slagtofferet med. 43 Og tvigreina nabbar, ei tver hand
breide, var feste på huset rundt ikring, men på bordi
skulde offerkjøtet leggjast. 44 Og utanfor indreporten
var det kovar åt songarane i den indre fyregarden,
innmed sideveggen på nordporten, og framsida deira
snudde i sud. Ei koverad låg innmed sideveggen
på austporten, med framsida mot nord. 45 Og han
sagde med meg: Denne koveradi som snur i sud med
framsida si, er åt dei prestarne som hev umsut med
det som skal gjerast i huset. 46 Men den koveradi som
snur i nord med framsida si, er åt dei prestarne som
hev umsut med altartenesta; dei er Sadoks-søner, dei
av Levi-sønerne som kjem nær til Herren og tener
honom. 47 So mælte han fyregarden: eit hundrad alner
lang og eit hundrad alner breid i firkant. Og altaret var
framfyre huset. 48 So let han meg koma til forhalli i
huset. Og han mælte stolparne i forhalli: fem alner på
den eine sida og fem alner på hi, og breiddi på porten:

tri alner på den eine sida og tri alner på hi. **49** Forhalli
var tjuge alner lang og elleve alner breid, og ho hadde
troppestig som dei steig upp til henne på. Og det var
sulor innmed stolparne, ei på kvar sida.

**41** So let han meg koma til tempelsalen. Og han
mælte stolparne: seks alner breide på den eine
sida og seks alner på hi; det er breiddi på tjeldbudi.
**2** Og dørgapet var ti alner breidt, og sideveggjerne
innmed døri var fem alner på kvar sida. So mælte
han lengdi på det: fyrti alner, og breiddi: tjuge alner. **3**
Sidan gjekk han inn i det inste romet. Og han mælte
dørstolparne: tvo alner kvar, og døri: seks alner, og
breiddi på døri: sju alner. **4** Og han mælte lengdi på det:
tjuge alner, og breiddi: tjuge alner, beint innåt templet!
So sagde han med meg: «Dette er det høgheilage.» **5**
So mælte han husveggen: seks alner, og breiddi på
sidekovarne: fire alner, rundt ikring heile huset. **6** Og
sidekovarne låg, kove attmed kove, i tri høgder, tretti
i rad, og dei rakk inni den muren som huset hadde
mot sidekovarne rundt ikring, so dei hadde studnad.
Men dei studde seg ikkje i sjølve husveggen. **7** Og
viddi rundt ikring auka på for sidekovarne uppetter og
uppetter; for hussvali gjekk uppetter og uppetter rundt
kringum huset. Difor vidkast huset uppetter, og soleis
steig ein upp frå nedste høgdi gjenom den millomste til
den høgste. **8** Og eg såg at huset låg på ein pall som
nådde rundt ikring, og grunnvollarne åt sidekovarne
var ei full stong, seks alner til kanten. **9** Tjukkleiken
på utveggen åt sidekovarne var fem alner. Og romet
millom sidekovarne på huset **10** og hine kovarne hadde
ei vidd på tjuge alner kringum huset, rundt ikring. **11**
Og inngangarne til sidekovarne låg ut åt dette romet,
ein inngang i nord og ein i sud. Og breiddi på romet
som var att, var fem alner breidt rundt ikring. **12** Og
den bygnaden som låg innmed det fråskilde tunet på
vestsida, var sytti alner breid, og veggen på bygnaden
var fem alner tjukk, rundt ikring, og nitti alner lang.
**13** Og han mælte huset: hundrad alner langt, og det
fråskilde tunet og bygnaden med vegg: hundrad alner
lange. **14** Og framsida på huset og det fråskilde tunet
mot aust var hundrad alner på breidd. **15** So mælte
han lengdi på den bygnaden som låg på baksida
innmed det fråskilde tunet, og svalerne på båe sidor åt
bygnaden: hundrad alner. Likeins det indre templet og
hallerne i fyregarden, **16** dørstokkarne og vindaugo
med dei faste grindar og svalerne rundt ikring i deira tri
høgder, romi innmed dørstokken, som var klædde med
tre, rundt ikring, likeins høgdi frå jordi upp åt vindaugo.
Og attfyre vindaugo var det lemmar. **17** Uppyver døri,
både inn imot det indre romet og utetter, og elles utyver
heile veggen, innan og utan, var det utmælte bolkar.
**18** Og der var det gjort kerubar og palmor, so at det
var ei palma millom tvo kerubar, kvar kerub hadde tvo
andlit; **19** eit mannsandlit mot palma på den eine sida
og eit ungløve-andlit mot palma på hi. So var gjort på
heile huset rundt ikring. **20** Frå jordi til uppyver døri
var kerubar og palmor gjorde, slik var tempelveggen.
**21** Templet hadde firkanta dørskier, og framsida på
heilagdomen såg like eins ut. **22** Og altaret var av tre,
tri alner høgt og tvo alner langt, og det hadde hyrno
sine, og langsida og veggjerne var av tre. Og han tala
til meg: «Dette er bordet som stend framfor Herrens
åsyn.» **23** Og templet og heilagdomen hadde tvo dører.
**24** Og dørerne var tvihurda, kvar hurd med gangjarn;
tvihurda var den eine og tvihurda var den andre. **25** Og
på deim, på tempeldørerne, var det gjort kerubar og
palmor likeins som på veggjerne. Og det var eit vartak
av tre på framsida åt forhalli utantil. **26** Og det var
vindaugo med fast grind og palmor på sideveggjerne
åt forhalli, på båe sidor, likeins på sidekovarne i huset
og på vartaki.

**42** So let han meg ganga ut i den ytre fyregarden
den vegen som gjekk nordetter. Og han let meg
koma til den kovebygnaden som låg midt framfor det
fråskilde tunet og beint imot bygnaden i nord, **2** til
langsida som var på hundrad alner, med inngang i
nord, men breiddi var femti alner. **3** Beint imot eit
stykke på tjuge alner av den indre fyregarden og midt
framfor steingolvet i den ytre fyregarden, var det sval
mot sval i tri høgder. **4** Og framanfor kovarne var det
ein ti alner breid gang innetter, ein veg på ei aln; og
dørerne deira snudde i nord. **5** Og dei øvste kovarne
var dei minste, for svalerne tok burt meir rom frå deim
enn frå dei nedste og dei millomste i bygnaden. **6**
For dei låg i tri høgder, men hadde ikkje stolpar so
som dei i fyregarden; difor smalkast det meir for dei
øvste kovarne enn for dei nedste og millomste, frå jordi
og uppetter. **7** Og ein mur som var utanfor, frammed
kovarne, imot den ytre fyregarden, gjekk framanfor
kovarne. Han var femti alner lang. **8** For lengdi på
dei kovarne som låg imot den ytre fyregarden, var
femti alner, men sjå, mot templet: hundrad alner. **9**
Og nedunder desse kovarne var inngangen mot aust,
når ein gjekk inn i deim frå den ytre fyregarden. **10**
Der fyregardsmuren imot aust var på det tjukkaste,
framanfor det fråskilde tunet og framanfor bygnaden,
var det kovar. **11** Og ein veg gjekk framanfor deim. Dei
såg ut som dei kovarne som låg mot nord, like lange
og like breide; likeins alle utgangar og tilskipnader elles
og dørgap. **12** Og likeins dørerne på dei kovarne som
låg mot sud; det var ei dør der som vegen tok til, vegen
frammed den muren som høyrde til, vegen austetter
når ein gjekk inn i deim. **13** So sagde han med meg:
«Kovarne mot nord og kovarne mot sud, som ligg

innmed det fråskilde tunet, dei er heilage kovar, der
prestarne som er nær Herren skal eta det høgheilage.
Der skal dei leggja det høgheilage, både grjonofferet
og syndofferet og skuldofferet, for staden er heilag. **14**
Når prestarne gjeng inn, so skal dei ikkje ganga ut att
or heilagdomen og ut i den ytre fyregarden, men der
skal dei leggja av seg klædi som dei hev gjort tenesta
i, for dei er heilage. Dei skal taka på seg andre klæde
og so ganga dit der folket må vera.» **15** Og då han
hadde gjort mælingi frå seg i det indre huset, fylgde
han meg ut gjenom den porten som hadde framsida
mot aust, og der mælte han rundt ikring. **16** Han
mælte austsida med mælestongi: fem hundrad stenger
etter mælestongi rundt ikring. **17** Han mælte nordsida:
fem hundrad stenger etter mælestongi rundt ikring.
**18** Sudsida mælte han: fem hundrad stenger etter
mælestong. **19** Han snudde og gjekk mot vestsida;
han mælte fem hundrad stenger etter mælestong. **20**
På dei fire sidorne mælte han det. Det hadde ein mur
rundt ikring: fem hundrad stenger lang og fem hundrad
breid, til å skilja det heilage frå det som var uhelga.

**43** So let han meg ganga til porten, den porten som
snudde i aust. **2** Og sjå, herlegdomen åt Israels
Gud kom austan-ifrå, og ljomen av honom var som
ljomen av store vatn, og jordi skein av herlegdomen
hans. **3** Og den syni som eg såg, var likeins som
den syni eg hadde set då eg kom og skulde leggja
byen i øyde, og som den syni eg hadde set burtmed
Kebarelvi, soleis var synerne. Og eg fall å gruve
på mitt andlit. **4** Og Herrens herlegdom for inn i
huset gjenom den porten som snudde i aust. **5** Og
anden lyfte meg upp og førde meg inn i den indre
fyregarden. Og sjå, Herrens herlegdom fyllte huset. **6**
Og eg høyrde einkvan tala til meg utor huset, og ein
mann stod attmed meg. **7** Og han sagde med meg:
«Menneskjeson! Dette er den staden der kongsstolen
min og fotskammelen min skal standa, og der eg
vil bu hjå Israels-borni æveleg. Og Israels-borni skal
aldri meir vanhelga mitt heilage namn, korkje dei eller
kongarne deira, med hordomen sin og med liki av
kongarne sine og med offerhaugarne sine - **8** dei
som sette dørstokken sin attmed dørstokk min og
dørskierne sine attmed dørskierne mine, so det berre
var veggen millom meg og deim. Og på den måten
gjorde dei mitt heilage namn ureint med styggedomen
sin som dei for med, so eg laut tyna deim i min vreide.
**9** No skal dei hava sin hordom og liki av kongarne sine
langt burt ifrå meg, so eg vil bu hjå deim æveleg. **10**
Du menneskjeson! Kunngjer for Israels-lyden um dette
huset, so dei må blygjast for misgjerningarne sine, og
mæla den vel tilmåta bygnaden. **11** Og når dei blygjest
for alt det dei hev gjort, so skal du kunngjera for deim
skapnaden på huset og skipnaden i det: utgangar og
inngangar og skapnader på alt og alle fyresegnerne
um alt, ja, all skapnaden og alle loverne um det; og
rit det av framfor deira augo, so dei kann koma i hug
heile skapnaden på huset og fyresegnerne um det,
og gjera etter deim. **12** Dette er lovi um huset: På
toppen av fjellet skal heile umkverven kringum det vera
høgheilag. Sjå, dette er lovi um huset. **13** Og dette er
måli på altaret i alnetal, kvar aln ei handbreidd lengre
enn ei vanleg aln: det skal vera eit fotstykke, ei aln høgt
og ei aln breidt, og kantlisti på kanten av det ei spann
breid rundt ikring. Dette er underlaget åt altaret. **14** Og
frå fotstykket på jordi uppåt den nedste skori skal det
vera tvo alner, og breiddi skal vera ei aln, og frå den
litle skori uppåt den store skori skal det vera fire alner,
og breiddi skal vera ei aln. **15** Og «Guds-fjellet» skal
vera fire alner, og frå «Guds-åren» skal dei fire horni
stinga upp. **16** Og Guds-åren skal vera tolv alner lang
og tolv alner breid, firkanta med fire jamlange sidor. **17**
Og skori skal vera fjortan alner lang og fjortan alner
breid, med fire jamlange sidor, og kantlisti kringum
henne ei halv aln tjukk, og fotstykket ei aln rundt ikring,
og tropperne skal snu i aust.» **18** Og han sagde med
meg: «Menneskjeson! So segjer Herren, Herren: Dette
er fyresegnerne um altaret den dagen det vert gjort,
so ein kann ofra brennoffer og skvetta blod på det.
**19** Du skal gjeva dei levitiske prestarne, dei som er
av Sadoks-ætti, og som stig nær meg og tener meg,
segjer Herren, Herren, ein ungukse til syndoffer. **20** Og
du skal taka noko av blodet hans og strjuka på dei
fire altarhorni og på dei fire skorhyrno og på kantlisti
rundt ikring; soleis skal du reinsa det frå synd og gjera
soning for det. **21** Og du skal taka syndofferuksen, og
honom skal dei brenna på mynstringsplassen åt huset,
utanfor heilagdomen. **22** Og andre dagen skal du ofra
ein lytelaus bukk til syndoffer, og dei skal reinsa altaret
frå synd likeins som dei reinsa det med uksen. **23** Når
du då hev gjort frå deg reinsingi, skal du leida fram ein
lytelaus ungukse og ein lytelaus ver or saueflokken. **24**
Du skal leida deim fram for Herrens åsyn, og prestarne
skal strå salt på deim og ofra deim til brennoffer åt
Herren. **25** I sju dagar skal du ofra ein bukk til syndoffer
kvar dag; og ein ungukse og ein ver or saueflokken,
båe lytelause, skal du ofra. **26** I sju dagar skal dei
gjera soning for altaret og reinsa det og vigja det. **27**
Og når dei hev fullenda dei dagarne, skal prestarne
åttande dagen og fremetter ofra brennofferet dykkar
og takkofferi dykkar på altaret, og eg vil hava hugnad i
dykk, segjer Herren, Herren.»

**44** So let han meg koma tilbake til den ytre porten åt
heilagdomen, den som snudde i aust, og han var
attlaten. **2** Og Herren sagde med meg: «Denne porten

skal vera attlaten og ikkje verta opna, og ingen skal
ganga inn igjenom honom; for Herren, Israels Gud, hev
gjenge inn igjenom honom, difor skal han vera attlaten.
3 Men fyrsten, han er fyrste, han kann sitja der og eta
brød framfor Herrens åsyn. Han skal ganga inn vegen
til forhalli i porten, og same vegen skal han ganga ut
att.» 4 So let han meg koma gjenom nordporten og
fram for huset. Og eg såg, og sjå, Herrens herlegdom
fyllte Herrens hus. Og eg fall å gruve på mitt andlit. 5
Då sagde Herren med meg: «Menneskjeson! Legg
deg på hjarta og sjå med augo dine og lyd etter med
øyro dine alt det som eg segjer med deg um alle
fyresegnerne og loverne um Herrens hus. Og du må
hugfesta inngangen til huset og alle utgangarne frå
heilagdomen. 6 Og du skal segja med dei tråssuge,
med Israels-lyden: So segjer Herren, Herren: No lyt
det vera nok med all styggedomen dykkar, du Israels-
lyd, 7 at de let framande, u-umskore på hjarta og u-
umskore på kjøt koma inn i heilagdomen min, og vera
der til å vanhelga huset mitt, når de ofra brødet mitt,
feita og blod. Soleis braut dei pakti mi, attåt alle hine
styggjorne dykkar. 8 Og de hev ikkje sjølve greidt med
tenesta i heilagdomarne mine, men de sette andre i
staden for dykk til å gjera tenesta i heilagdomen min.
9 So segjer Herren, Herren: Ingen framand med u-
umskore hjarta og u-umskore kjøt skal koma inn i
min heilagdom, ingen av alle dei framande som bur
millom Israels-borni. 10 Men dei levitarne som gjekk
burt ifrå meg, då Israel for vilt, og villa seg burt ifrå
meg etter dei ufysne avgudarne sine, skal bera si
misgjerning, 11 og i heilagdomen min skal dei gjera
vakttenesta ved portarne og likeins tenesta i huset; dei
skal slagta brennofferet og slagtofferet åt folket, og dei
skal standa framfor deira åsyn og tena deim. 12 Etter
di dei tente deim framfor dei ufysne avgudarne deira
og var støytestein til misgjerning for Israels-lyden, difor
hev eg lyft mi hand imot deim, segjer Herren, Herren,
og dei skal bera si misgjerning. 13 Og dei skal ikkje
koma meg nær til å gjera prestetenesta framfyre meg
og ikkje koma nær noko av alle mine heilage ting,
dei høgheilage tingi; men dei skal bera skammi si og
skjemdarverki som dei hev gjort. 14 Og eg vil setja
deim til å greida med tenesta i huset, med alt tenar-
arbeidet i det og alt som der er å gjera. 15 Men dei
levitiske prestarne, Sadoks-sønerne, som greidde med
tenesta i heilagdomen min då Israels-borni villa seg
burt ifrå meg, dei skal koma nær til meg og tena meg,
og dei skal standa framfor mi åsyn og ofra åt meg feita
og blod, segjer Herren, Herren. 16 Dei skal ganga inn i
min heilagdom, og dei skal koma inn åt mitt bord og
tena meg, og dei skal greida med mi tenesta. 17 Når
dei då kjem inn i portarne åt den indre fyregarden, skal
dei klæda seg i linklæde, det må ikkje koma ullan på
deim når dei tener i portarne åt den indre fyregarden
og inni huset. 18 Linhuvor skal dei hava på hovudet og
linbrøker um mjødmarne sine; dei skal vera umgyrde
med noko som veld sveite. 19 Og når dei gjeng ut i den
ytre fyregarden, til folket i den ytre fyregarden, skal dei
hava av seg dei klædi som dei hev gjort tenesta i, og
leggja deim i dei heilage kovarne, og dei skal taka på
seg andre klæde, so dei ikkje skal helga folket med
klædi sine. 20 Og dei skal ikkje raka hovudet, men
ikkje heller lata håret veksa som det vil; dei skal klyppa
håret sitt. 21 Og vin skal ingen av prestarne drikka, når
dei gjeng inn i den indre fyregarden. 22 Enkja eller
fråskild kvinna skal dei ikkje taka til kona, men møyar,
ætta frå Israels-lyden. Men ei enkja som er enkja etter
prest, kann det taka. 23 Og dei skal læra folket mitt å
skilja millom heilagt og vanheilagt, og kunngjera deim
skilnaden på ureint og reint. 24 Og i rettssaker skal dei
standa fram og døma; etter mine fyresegner skal dei
døma i deim. Og mine lover og fyresegner skal dei
halda på alle mine høgtider, og kviledagarne mine skal
dei halda heilage. 25 Og til eit lik skal ingen av deim
ganga inn, so han vert urein; einast for far og for mor
og for son og for dotter, for bror, og for syster som ikkje
hev havt mann, kann dei gjera seg ureine soleis. 26 Og
etter reinsingi hans, skal dei telja sju dagar for honom.
27 Og den dagen han gjeng inn i heilagdomen, i den
indre fyregarden, og tener i heilagdomen, skal han
ofra syndofferet sitt, segjer Herren, Herren. 28 Og det
skal vera arvluten deira: Eg vil vera arvluten deira. Og
nokor eiga skal de ikkje gjeva deim i Israel; eg er deira
eiga. 29 Grjonofferet og syndofferet og skuldofferet,
deim skal dei eta, og alt som er bannlyst i Israel, skal
høyra deim til. 30 Det aller fyrste av allslags grøda og
alle offergåvor av alle slag skal vera åt prestarne. Og
det fyrste gropet de mel, skal de gjeva presten, so
velsigning må koma yver huset ditt. 31 Noko sjølvdaudt
eller ihelrive av fugl eller fe må ikkje prestarne eta.

**45** Og når de lutar ut landet til odel, so skal de gjeva
ei gåva åt Herren, ein heilag-lut av landet, fem
og tjuge tusund på lengdi og ti tusund på breiddi. Det
skal vera heilagt i all si vidd rundt ikring. 2 Av dette
skal det vera åt heilagdomen fem hundrad på lengd og
fem hundrad på breidd, i ein firkant rundt ikring. Og til
utmark rundt kringum det femti alner. 3 Soleis skal du
etter dette målet mæla fem og tjuge tusund på lengdi
og ti tusund på breiddi, og i det skal heilagdomen, det
høgheilage, vera. 4 Det er ein heilag-lut av landet. Han
skal vera åt prestarne som gjer tenesta i heilagdomen,
dei som fær koma nær til Herren og tena honom. Det
skal vera til hustufter åt deim og til heilag-tufter åt
heilagdomen. 5 Og fem og tjuge tusund på lengdi og

ti tusund på breiddi skal vera åt levitarne, tenarane
i huset. Til eiga skal dei hava tjuge gardar. 6 Og til
eiga åt byen skal de gjeva fem tusund på breiddi og
fem og tjuge tusund på lengdi, jamsides med luten
åt heilagdomen; det skal vera åt Israels-lyden. 7 Og
fyrsten skal hava sin lut på båe sidorne åt heilagdoms-
luten og by-eigedomen, frammed heilagdoms-luten og
by-eigedomen, på vestsida vestetter, og på austsida,
austetter, og han skal vera jamlang med ein arvlut åt ei
ætt, frå grensa åt havet til austgrensa. 8 Dette skal
han hava til land, til eiga i Israel. Og fyrstarne mine
skal aldri meir tyngja folket mitt, men lata Israels-lyden
hava landet som det vert etla åt ætterne. 9 So segjer
Herren, Herren: No lyt det vera nok, de fyrstar i Israel!
Få burt vald og trælking, og gjer rett og rettferd! Haldt
upp med å driva folket mitt frå gard og grunn! segjer
Herren, Herren. 10 Rett vegt og rett efa og rett bat skal
de hava. 11 Ein efa og ein bat skal vera like store,
so ein bat er tiandeparten av ein homer og ein efa
tiandeparten av ein homer; etter homeren skal deira
mål vera. 12 Ein sekel skal vera tjuge gera. Tjuge
seklar, fem og tjuge seklar, femtan seklar, det skal
vera ei mina hjå dykk. 13 Dette er den reida de skal
gjeva: setteparten av ein efa av kvar homer kveite, og
likeins skal de gjeva setteparten av ein efa av kvar
homer bygg. 14 Og den visse reida av olje, rekna i bat:
tiandeparten av ein bat av kvar kor - som er ti bat eller
ein homer, for ein homer er ti bat - 15 og av småfeet
eitt lamb av tvo hundrad frå det vatsrike beitelandet i
Israel til grjonoffer og til brennoffer og takkoffer, til å
gjera soning for deim, segjer Herren, Herren. 16 All
landslyden skal vera skuldig til denne reida åt fyrsten i
Israel. 17 Men fyrsten skal hava den skyldnaden: å
leggja til brennofferi og grjonofferet og drykkofferet i
helgarne og på nymånedagarne og på kviledagarne,
på alle høgtiderne hjå Israels-lyden. Han skal greida
med syndofferet og grjonofferet og takkofferi til å gjera
soning for Israels-lyden. 18 So segjer Herren, Herren:
Den fyrste dagen i fyrste månaden skal du taka ein
lytelaus ungukse og reinsa heilagdomen frå synd.
19 Og presten skal taka noko av syndofferblodet og
strjuka på dørskierne i huset og på dei fire hyrno
på altarskori og på dørskierne i porten åt den indre
fyregarden. 20 Og likeins skal du gjera den sjuande
dagen i månaden for den som hev synda uviljande
eller av fåkunna. Og de skal gjera soning for huset. 21
Den fjortande dagen i fyrste månaden skal de halda
påskehelg. I høgtidi, i sju dagar, skal de eta usyrt
brød. 22 Den same dagen skal fyrsten ofra ein ukse til
syndoffer for seg og for all landslyden. 23 Og dei sju
høgtidsdagarne skal han ofra åt Herren eit brennoffer:
sju lytelause uksar og sju lytelause verar kvar dag i dei
sju dagarne, og til syndoffer ein bukk kvar dag. 24
Og til grjonoffer skal han ofra ein efa med kvar ukse
og ein efa med kvar ver og ein åttung olje med kvar
efa. 25 Den femtande dagen i sjuande månaden, på
høgtidi, skal han gjera likeins både syndofferet og med
brennofferet og med grjonofferet og oljen i sju dagar.

**46** So segjer Herren, Herren: Porten åt den indre
fyregarden, den som snur i aust, skal vera
attlaten dei seks vyrkedagarne, men kviledagen skal
han vera open, og nymånedagen skal han vera open.
2 Og fyrsten skal ganga inn vegen til port-forhalli
utanfrå og stana attmed port-dørskii. Og prestarne skal
ofra brennofferet hans og takkofferi hans, og han skal
tilbeda på portdørstokken og sidan ganga ut att. Men
porten skal ikkje stengjast fyrr det kveldar. 3 Og um
kviledagarne og nymånarne skal landslyden tilbeda
attmed inngangen til den same porten for Herrens
åsyn. 4 Og brennofferet som fyrsten skal føra fram
for Herren på kviledagen, skal vera seks lytelause
lamb og ein lytelaus ver, 5 og til grjonoffer ein efa med
veren, men med lambi slikt grjonoffer som han sjølv
vil gjeva, og ein åttung olje med kvar efa. 6 Og um
nymånedagen ein lytelaus ungukse og seks lamb og
ein ver; lytelause skal dei vera. 7 Og til grjonoffer skal
han ofra ein efa med uksen og ein efa med veren, men
med lambi so mykje som han hev råd til, og ein åttung
olje med kvar efa. 8 Og når fyrsten gjeng inn, skal han
ganga inn vegen til port-forhalli, og same vegen skal
han ganga ut att. 9 Og når landslyden gjeng inn for
Herrens åsyn på høgtiderne, då skal den som gjeng inn
gjenom nordporten og skal tilbeda, ganga ut att gjenom
sudporten, og den som gjeng inn gjenom sudporten,
skal ganga ut gjenom nordporten; ingen skal snu og
ganga ut att gjenom den porten han kom inn, men dei
skal ganga ut beint fram. 10 Og fyrsten skal ganga inn
midt ibland deim når dei gjeng inn, og når dei gjeng
ut, skal dei ganga ut saman. 11 Og i helgarne og
høgtiderne skal grjonofferet vera ein efa med kvar ukse
og ein efa med kvar ver, men med lambi slikt som kvar
sjølv vil gjeva, og ein åttung olje med kvar efa. 12 Og
når fyrsten vil ofra eit friviljugt offer, anten brennoffer
eller takkoffer til friviljugt offer åt Herren, då skal dei
lata upp åt honom den porten som snur i aust, og han
skal ofra brennofferet sitt og takkofferi sine like eins
som han gjer på kviledagen. So skal han ganga ut att,
og ein skal lata att porten etter han er utgjengen. 13
Og eit årsgamalt lytelaust lamb skal du dagstødt ofra til
brennoffer åt Herren; kvar morgon skal du ofra det. 14
Og til grjonoffer skal du kvar morgon ofra setteparten
av ein efa og tvo pottar olje til å lata uppi mjølet. Det er
eit grjonoffer åt Herren - ævelege fyresegner, stødt
og stendig. 15 Og dei skal ofra lambet og grjonofferet

og oljen kvar morgon til eit stendigt brennoffer. 16 So
segjer Herren, Israels Gud: Um fyrsten gjev einkvan
av sønerne sine noko av odelen sin til gåva, so vert
det hans odelen; åt sønerne hans skal det vera, dei
fær det til odel og eiga. 17 Men gjev han einkvan av
tenarane sine noko av odelen sin til gåva, då skal
det vera hans til fridomsåret, men då skal fyrsten få
det att. Odelen hans er det, åt sønerne hans skal det
vera. 18 Og fyrsten må ikkje taka odelsjord frå folket
og på den måten trengja deim burt frå deira eiga -
av si eigi eiga skal han lata sønerne sine erva - so
ikkje folket mitt vert spreidt, kvar burt frå si eiga. 19
So let han meg koma gjenom den inngangen som
var attmed porten, til dei heilage kovarne som var
etla prestarne, og som snudde i nord. Og sjå, der var
det eit rom lengst burte mot vest. 20 Og han sagde
med meg: «Dette er den staden der prestarne skal
koka skuldofferet og syndofferet, og der dei skal baka
grjonofferet, so dei ikkje skal turva bera det ut i den
ytre fyregarden og på den måten helga lyden.» 21 So
let han meg stiga ut i den ytre fyregarden og let meg
ganga kringum dei fire hyrno på fyregarden. Og sjå, i
kvart hyrna på fyregarden var det eit tun. 22 I dei fire
hyrno på fyregarden var dei inngjerde, desse tuni; fyrti
alner lange og tretti alner breide, desse fire tuni i hyrno
hadde same målet. 23 Og det gjekk ein murgard rundt
ikring inni deim, rundt ikring i alle fire. So var det gjort
gruvor til å koka i nedantil med murgarden rundt ikring.
24 Og han sagde med meg: «Dette er kokehusi der
tenarane i huset skal koka slagtofferi åt folket.»

**47** So let han meg tilbake til inngangen åt huset. Og
sjå, det kom vatn ut under dørstokken på huset
mot aust, for framsida på huset snudde i aust. Og vatnet
rann ned frå høgre sida på huset sunnanfor altaret. 2
Sidan let han meg ganga ut gjenom nordporten og
fylgde meg ikring utanfor til ytreporten, den porten
som snur austetter. Og sjå, det kom vatn vellande
fram undan høgresida. 3 Mannen gjekk no austetter
med mælesnor i handi og mælte tusund alner. Og han
hadde meg til å vada yver vatnet, vatn til okleleden. 4
So mælte han endå tusund alner til og hadde meg til å
vada yver vatnet, vatn til knes. So mælte han endå
tusund alner og hadde meg til å vada yver vatnet; det
gjekk då upp til lenderne. 5 So mælte han endå tusund
alner, og no var det ei å som eg ikkje kunde vada.
For vatnet hadde vakse, vatn til å symja i, ei å som
ikkje let seg vada. 6 Og han sagde med meg: «Hev
du set det, menneskjeson?» Og han let meg ganga
tilbake uppå å-breiddi. 7 Då eg kom dit att, stod det på
å-breiddi ei mengd med tre på den sida og hi sida.
8 Og han sagde med meg: «Dette vatnet renn ut til
austbygderne og fløymar ned i øydemarki. So fell det
ut i havet. Når det er flødt ut i havet, vert vatnet der
friskt. 9 Og det skal henda at alt kvikjende som liver
og yr alle stader der den tviflaumande åi renn, skal
livna, og det skal verta ei ovmengd med fisk. For når
dette vatnet kjem dit, so vert det helsebot og liv alle
stader der åi renn. 10 Og det skal henda at fiskarar
skal standa frammed vatnet frå En-Gedi til En-Eglajim;
fiskestøde for garnbruk skal det og vera. Fisken der
skal vera i ovende mengd, kvar etter sitt slag, som i
Storhavet. 11 Men myrarne og deplarne der skal ikkje
verta friske; dei er etla åt saltet. 12 Og frammed åi, på
båe å-breidderne, skal det veksa upp frukttre av alle
slag. Lauvet på deim skal ikkje visna og frukti ikkje
trjota. Kvar månad skal dei bera ny frukt, for vatnet
åt deim renn ut frå heilagdomen. Og frukti på deim
skal vera til mat, og lauvet til lækjedom.» 13 So segjer
Herren, Herren: Dette er landskilet, og innan det skal
de taka dykk landet til odel etter Israels tolv ætter. Åt
Josef skal det vera tvo luter. 14 Og de skal taka det til
odel, den eine som den andre, for di eg hev rett upp
handi mi på at eg vilde gjeva federne dykkar det; so
skal då dette landet verta utskift til odel og eiga. 15
Dette er då landskilet: På nordsida: frå Storhavet langs
med Hetlonvegen til ein kjem til Sedad, 16 Hamat,
Berota, Sibrajim, som ligg millom Damaskus-skilet og
Hamat-skilet, det millomste Haser, som ligg innmed
Havran-skilet. 17 Soleis er då landskilet frå havet til
Hasar-Enon attmed Damaskus-skilet og framleides
endå lenger nordetter upp til Hamat-skilet. Dette er
nordsida. 18 Austsida - millom Havran og Damaskus og
millom Gilead og Israelsland - er Jordan: frå nordskilet
til Austhavet skal de mæla. Dette er austsida. 19 På
sudsida, mot sud; frå Tamar til Meribotvatnet attmed
Kades, til bekken, alt til Storhavet. Dette er sudsida,
mot sud. 20 På vestsida er Storhavet frå dette skilet til
dit der ein gjeng til Hamat. Dette er vestsida. 21 Og de
skal byta landet millom dykk etter Israels ætter. 22 Og
soleis skal det vera: De skal skifta det ut til odel åt dykk
sjølve og dei framande som bur hjå dykk og hev fenge
born ibland dykk. Og dei skal vera for dykk som dei
som er fødde og borne i sjølve Israel; odelsjord skal
dei hava med dykk ibland ætterne i Israel. 23 Og so
skal det vera: I den ætti der den framande bur, der skal
de gjeva honom odelsjordi si, segjer Herren, Herren.

**48** Og dette er namni på ætterne: Frå nordenden
- vest ved Storhavet - langs med Hetlonvegen
til dit som ein gjeng til Hamat, Hasar-Enan attmed
Damaskus-skilet, der skal dei eiga frå austsida til
havet: Dan, ein lut. 2 Frammed Dan-skilet, frå austsida
til vestsida: Asser, ein lut. 3 Frammed Asser-skilet,
frå austsida til vestsida: Naftali, ein lut. 4 Frammed
Naftali-skilet, frå austsida til vestsida: Manasse, ein lut.

**5** Frammed Manasse-skilet, frå austsida til vestsida:
Efraim, ein lut. **6** Frammed Efraim-skilet, frå austsida til
vestsida: Ruben, ein lut. **7** Frammed Ruben-skilet, frå
austsida til vestsida: Juda, ein lut. **8** Frammed Juda-
skilet, frå austsida til vestsida, skal vera den gåva
som de skal gjeva, fem og tjuge tusund breid og so
langt som ein av luterne åt ætterne frå austsida til
vestsida, og midt der inni skal heilagdomen vera. **9**
Den gåva som de skal gjeva Herren, skal vera fem og
tjuge tusund lang og ti tusund breid. **10** Og åt desse
skal den heilage gåva vera: Åt prestarne: i nord fem
og tjuge tusund og i vest ti tusund på breiddi, og i aust
ti tusund på breiddi, og i sud fem og tjuge tusund på
lengdi. Og midt der inni skal Herrens heilagdom vera.
**11** Åt prestarne som er helga utav Sadoks-sønerne, dei
som tok vare på tenesta mi og ikkje for vilt då Israels-
borni villa seg burt, soleis som levitarne villa seg burt,
**12** åt deim skal gåva vera utav jordgåva, eit høgheilagt
stykke frammed skilet mot levitarne. **13** Og levitarne
skal hava, frammed skilet mot prestarne, fem og tjuge
tusund på lengdi og ti tusund på breiddi; all lengdi skal
vera fem og tjuge tusund og breiddi ti tusund. **14** Og
dei skal ikkje selja noko av det, og ikkje skal noko
bytast burt, og landsens fyrstegrøda må ikkje ganga
yver i annan manns eiga, for ho er vigd Herren. **15**
Og dei fem tusund som er att av breiddi, frammed
dei fem og tjuge tusund, skal vera uvigd, åt byen, til
bustader og til utmark, og byen skal liggja der i midten.
**16** Dette er då målet på honom, nordsida fire tusund og
fem hundrad og sudsida fire tusund og fem hundrad,
austsida fire tusund og fem hundrad, og vestsida fire
tusund og fem hundrad. **17** Og det skal vera utmark
åt byen: nordetter tvo hundrad og femti, og sudetter
tvo hundrad og femti, og austetter tvo hundrad og
femti, og vestetter tvo hundrad og femti. **18** Og det
som vert att på lengdi frammed den heilage gåva: ti
tusund austetter og ti tusund vestetter - for det skal
vera frammed den heilage gåva - grøda av det skal
vera til brød åt arbeidsfolket i byen. **19** Og arbeidsfolket
i byen, av alle ætterne i Israel, dei skal bruka det. **20**
Heile gåva skal vera fem og tjuge tusund på lengdi
og fem og tjuge tusund på breiddi; som ein firkant
skal de gjeva den heilage gåva med by-eiga. **21** Og
det som vert att, skal vera åt fyrsten, på båe sidorne
av den heilage gåva og by-eiga, frammed luten på
fem og tjuge tusund, alt burtåt austskilet og vestetter
frammed dei fem og tjuge tusund, alt burtåt vestskilet
jamsides med luterne åt ætterne; det skal vera åt
fyrsten. Og den heilage gåva og husens heilagdom
skal liggja midt imillom. **22** Det som då ligg millom
Juda-skilet og Benjamin-skilet - med levit-eiga og by-
eiga i midten - det skal vera åt fyrsten. **23** So kjem hine
ætterne: Frå austsida til vestsida: Benjamin, ein lut. **24**
Og frammed Benjamin-skilet, frå austsida til vestsida:
Simeon, ein lut. **25** Og frammed Simeon-skilet, frå
austsida til vestsida: Issakar, ein lut. **26** Frammed
Issakar-skilet, frå austsida til vestsida: Sebulon, ein lut.
**27** Frammed Sebulon-skilet, frå austsida til vestsida:
Gad, ein lut. **28** Frammed Gad-skilet, på sudsida, i
sud: der skal skilet ganga frå Tamar, yver Meribavatni
attmed Kades, til bekken, alt burtåt Storhavet. **29**
Dette er det landet som de skal skifta ut av odelen
åt ætterne i Israel, og dette er luterne deira, segjer
Herren, Herren.» **30** Og dette er utgrensa åt byen: På
nordsida fire tusund og fem hundrad på mål. **31** Og
byportarne, uppkalla etter ætterne i Israel: Tri portar i
nord: Ruben-porten, ein; Juda-porten, ein; Levi-porten,
ein. **32** Og på austsida: fire tusund og fem hundrad,
og tri portar: Josef-porten, ein; Benjamin-porten, ein;
Dan-porten, ein. **33** Og sudsida: fire tusund og fem
hundrad på mål, og tri portar: Simeon-porten, ein;
Issakar-porten ein; Sebulon-porten, ein. **34** Vestsida:
fire tusund og fem hundrad; dei tri portarne der: Gad-
porten, ein; Asser-porten, ein; Naftali-porten, ein. **35**
Rundt ikring: attan tusund. Og namnet på byen skal
vera frå den dagen: «Herren er der».

# Daniel

**1** I det tridje styringsåret åt Jojakim, kongen i Juda,
kom Nebukadnessar, kongen i Babel, til Jerusalem
og kringsette byen. **2** Og Herren gav Juda-kongen
Jojakim i hans vald, og likeins sume av kjeraldi i Guds
hus; han førde deim til Sinearlandet, til gudshuset sitt.
Og kjeraldi flutte han inn i skattkammeret åt guden sin.
**3** Og kongen baud Aspenaz, den øvste hirdmannen
sin, at han av Israel skulde velja ut nokre sveinar, av
kongsætt og av adelsætt, **4** sveinar som var lytelause
og fagre å sjå til og vituge til å leggja seg etter alt slags
visdom, evnerike og lærehuga ungsveinar, som kunde
verta føre til å tena i kongsgarden; og han skulde
gjeva deim upplæring i kaldæisk skrift og tungemål. **5**
Kongen etla til åt deim det dei skulde hava kvar dag av
forkunnmaten åt kongen og av vinen som han drakk,
og baud at dei skulde fostra deim upp i tri år; når den
tidi var lidi, skulde dei få gjera tenesta hjå kongen. **6**
Millom deim var Daniel, Hananja, Misael og Azarja
av Juda-sønerne. **7** Men den øvste hirdmannen gav
deim nye namn: Daniel kalla han Beltsassar, Hananja
Sadrak, Misael Mesak og Azarja Abed-Nego. **8** Men
Daniel sette seg fyre at han ikkje vilde gjera seg urein
med kongsmaten, eller med den vinen som han drakk;
og han bad den øvste hirdmannen um å sleppa å
gjera seg urein. **9** Og Gud let Daniel finna nåde og
miskunn hjå den øvste hirdmannen. **10** Men den øvste
hirdmannen sagde til Daniel: «Eg ottast at herren min,
kongen, som hev teke avgjerd um maten og drykken
dykkar, skal tykkja at de er meir skrinnleitte enn dei
andre sveinarne på dykkar alder, og so kjem de til å
føra skuld yver hovudet mitt hjå kongen.» **11** Då sagde
Daniel til hovmeisteren som den øvste hirdmannen
hadde sett yver Daniel, Hananja, Misael og Azarja:
**12** «Gjer ein freistnad med tenarane dine i ti dagar,
og gjev oss grønt å eta og vatn å drikka. **13** So kann
du sidan likna vår utsjånad i hop med utsjånaden på
dei som et av kongsmaten; og so kann du gjera med
tenarane dine etter det du då ser.» **14** Han laga seg
etter deim i dette og gjorde ein freistnad med deim i ti
dagar. **15** Då dei ti dagarne var lidne røyndest det at dei
var fagrare å sjå til og betre i hold enn alle dei sveinar
som hadde ete av kongsmaten. **16** Då let hovmeisteren
deim sleppa den maten som kongen hadde etla åt
deim, og den vinen som dei skulde ha drukke, og gav
deim grønt. **17** Til desse fire sveinarne gav no Gud
kunnskap og vit på alt slag skrift og visdom; og Daniel
skyna seg på alle syner og draumar. **18** Og då den tidi
kom då kongen hadde bode at dei skulde førast fram
for honom, førde den øvste hirdmannen deim fram
for Nebukadnessar. **19** Og då kongen tala med deim,
fanst det ingen millom deim alle som kunde mæla seg
med Daniel, Hananja, Misael og Azarja; so vart dei då
tenarar hjå kongen. **20** Og stødt når kongen spurde
deim til i ei sak som det skulde visdom til å skyna
seg på, fann han at dei var ti gonger visare enn alle
runemeistrar og manarar som fanst i heile hans rike.
**21** Og Daniel heldt fram soleis til det fyrste styringsåret
åt kong Kyrus.

**2** I det andre styringsåret åt Nebukadnessar hadde
Nebukadnessar draumar som sette uro i hugen
hans, so han ikkje fekk sova. **2** Då let kongen senda bod
etter runemeistrarne og manararne og trollmennerne
og kaldæarane, og vilde at dei skulde fortelja kongen
kva han hadde drøymt. Og dei kom og gjekk fram
for kongen. **3** Og kongen sagde til deim: «Eg hev
havt ein draum, og hev slik uro i hugen etter å få
vita kva eg hev drøymt.» **4** Då tala kaldæarane til
kongen på aramæisk: «Kongen live æveleg! Fortel
tenarane dine draumen, so skal me segja deg kva
han tyder.» **5** Kongen svara kaldæarane: «Nei, min
vilje stend uruggeleg fast, at dersom de ikkje segjer
meg draumen og uttydingi på honom, so skal de verta
hoggne i sund, og husi dykkar gjorde til sorphaugar. **6**
Men dersom de fortel meg draumen og uttydingi på
honom, so skal de få rike gåvor og stor æra av meg.
Seg meg difor draumen og uttydingi på honom!» **7** Dei
svara og sagde andre gongen: «Kongen må fortelja
draumen til tenarane sine, so skal me segja kva han
tyder.» **8** Kongen svara og sagde: «Eg merkar grant at
de vil vinna tid, sidan de ser at min vilje er uruggeleg.
**9** Dersom de ikkje segjer meg draumen, kann domen
yver dykk ikkje verta anna enn ein. Ja, de er vorte
samde um å fara med lygn og skjemdarsvall for meg, i
von um at tiderne skal snu seg. Seg meg no difor kva
eg hev drøymt, so skynar eg at de og kann uttydingi
på det.» **10** Då svara kaldæarane kongen og sagde:
«Det finst ikkje eit menneskje på jordi som kann segja
kongen det som han vil vita; aldri hev då heller nokon
konge, kor stor og megtig han so hev vore, kravt noko
slikt av nokon runemeister eller manar eller kaldæar.
**11** For det som kongen krev, er so altfor vandt, og det
finst ingen som kann fortelja kongen det, utan gudarne,
og dei bur ikkje millom døyelege menneskje.» **12** Då
vreidest kongen og harmast mykje, og baud at dei
skulde tyna alle dei vise i Babel. **13** Då so påbodet var
utferda, og dei skulde drepa dei vise, leita dei og etter
Daniel og fosterbrørne hans og vilde drepa deim. **14**
Daniel vende seg då med kloke og vituge ord til Arjok,
hovdingen yver livvakti åt kongen, som hadde drege ut
og skulde drepa dei vise i Babel. **15** Han tok til ords
og spurde Arjok, hovudsmannen åt kongen: «Kvi hev
kongen ferda ut dette strenge påbodet?» Då fortalde

Arjok Daniel kva som var tids. **16** Og Daniel gjekk
inn og bad kongen gjeva honom frest, so skulde han
kunngjera kongen uttydingi. **17** Sidan gjekk Daniel heim
og fortalde Hananja, Misael og Azarja, fosterbrørne
sine, kva som var tids, **18** og han baud deim at dei
skulde beda Gud i himmelen um miskunn, so at denne
løyndomen måtte verta openberra, so ikkje Daniel og
fosterbrørne hans skulde lata livet tilliks med dei andre
vise i Babel. **19** Då fekk Daniel vita løyndomen i ei syn
um natti. Og Daniel lova Gud i himmelen for dette. **20**
Daniel tok til ords og sagde: «Lova vere Guds namn frå
æva og til æva! For visdom og magt høyrer honom til!
**21** Han let tider og stunder verta umskifte, set kongar
av og set kongar inn, han gjev dei vise visdom og dei
vituge vit. **22** Han openberrar det djupe og det dulde,
han veit kva som i myrkret er, og hjå han bur ljoset. **23**
Deg, min fedregud, takkar og prisar eg for di du hev
gjeve meg visdom og dugleik, og no hev kunngjort
meg det me bad deg um. For det som kongen vilde
vita, hev du kunngjort oss. **24** Daniel gjekk so inn til
Arjok, som av kongen hadde fenge påbod um å drepa
dei vise i Babel; han gjekk av stad og sagde soleis til
honom: «Dei vise i Babel må du ikkje tyna. Før meg
inn til kongen, so skal eg kunngjera kongen uttydingi.»
**25** Då skunda Arjok seg og førde Daniel inn til kongen
og sagde soleis til honom: Eg hev funne ein mann
millom dei jødiske fangarne som kann segja kongen
uttydingi.» **26** Kongen svara og sagde til Daniel, som
hadde fenge namnet Beltsassar: «Kann du segja meg
den draumen eg hev havt, og uttydingi på honom?»
**27** Daniel svara kongen og sagde: «Den løyndomen
som kongen hev hug til å vita, er det ingen vismann
eller manar eller runemeister eller stjernetydar som
kann kunngjera for kongen. **28** Men det er ein Gud i
himmelen, som openberrar løyndomar, og han hev
late kong Nebukadnessar vita kva som skal henda i
dagar som kjem. Dette var draumen din og den syni du
hadde på lægjet ditt: **29** Då du, konge, låg på lægjet
ditt, steig det tankar upp hjå deg um kva som skal
henda i framtidi. Og han som openberrar løyndomar,
let deg vita kva som skal henda. **30** Og for meg hev
denne løyndomen vorte openberra, ikkje av di eg eig
nokon visdom framfor alle andre som liver, men for at
uttydingi kann verta kunngjord for kongen, so du kann
få vita ditt hjartans tankar. **31** Du, konge, såg i syni di
ei stor bilætstytte standa framfyre deg, og den stytta
var høg, og glansen hennar var overlag stor, ho var
skræmeleg å sjå til. **32** Hovudet på bilætet var av skirt
gull, brjostet og armarne av sylv, buken og lenderne av
kopar, **33** leggjerne av jarn, føterne var noko av jarn og
noko av leir. **34** Medan du stod og såg på bilætet, vart
det lausrive ein stein, men ikkje med mannehender, og
den steinen råka bilætet på føterne, som var av jarn
og leire, og krasa deim. **35** Då vart det krasa alt på ein
gong, jarnet, leiret, koparen, sylvet og gullet, og det
vart som agner på ein treskjarvoll um sumaren, og
vinden føykte det burt, so ein ingen stad kunna finna
det att. Men av steinen som hadde råka bilætet, vart
det eit stort fjell, som fylde upp heile jordi. **36** Dette var
draumen, og no vil me segja kongen uttydingi. **37** Du,
konge, kongen yver kongarne, som Gud i himmelen
hev gjeve rike, velde, magt og æra, **38** du, som hev
gjeve mannsborni, dyri på marki og fuglarne under
himmelen i henderne på, so langt som liv bur, og som
han hev sett til herre yver det alt saman, du er dette
gullhovudet. **39** Men etter deg skal det koma upp eit
anna rike, ringare enn ditt, og etter det endå eit rike,
det tridje, som er av kopar, og det skal råda yver heile
jordi. **40** Det fjorde riket skal og koma upp og vera
sterkt som jarn; for jarnet knusar og krasar alt, og som
jarnet øyder alt anna, so skal og dette riket krasa og
øyda. **41** Men når du såg at føterne og tærne var
noko av krusmakarleir og noko av jarn, so tyder det at
det skal vera eit sundra rike: det skal hava noko av
det faste jarnet, for du såg det var jarn blanda med
leira. **42** Og det at tærne på føterne var noko av jarn
og noko av leir, det tyder at riket i sume måtar skal
vera sterkt, i andre måtar veikt. **43** Og at du såg jarnet
var blanda med leir, det tyder at det fulle skal verta ei
blanding ved menneskjesæde, men at luterne like vel
ikkje skal halda i hop med kvarandre, like lite som jarn
kann binda seg saman med leir. **44** Men i dei dagarne
dei kongarne liver, skal Gud i himmelen reisa eit rike
som aldri i æva skal øydast, og magti yver det skal
ikkje latast til noko anna folk. Det skal krasa og gjera
ein ende på alle hine riki; men sjølv skal det æveleg
standa; **45** for du såg då at det vart lausrive ein stein or
fjellet, men ikkje med mannehender, og krasa jarnet,
koparen, leiret, sylvet og gullet. So hev den store Gud
openberra for kongen kva som skal henda i framtidi.
Draumen er sann og uttydinga sætande.» **46** Då kasta
kong Nebukadnessar seg å gruve og tilbad framfor
Daniel, og han baud at dei skulde ofra grjonoffer og
røykjelse til honom. **47** Og kongen svara Daniel og
sagde: «I sanning, dykkar Gud er Gud yver gudar og
herre yver kongar og ein som openberrar løynde ting,
sidan du hev kunna openberra denne løyndomen.» **48**
Etter dette gjorde kongen Daniel til ein stor mann, og
gav honom mange dyre gåvor og sette honom til herre
yver alt Babelsfylket, og til forstandar for alle dei vise i
Babel. **49** Og Daniel bad kongen, og han sette Sadrak
og Mesak og Abed-Nego til å styra Babelsfylket, men
Daniel sjølv stana i kongsgarden.

**3** Kong Nebukadnessar let gjera eit bilæte av gull,
seksti alner høgt og seks alner breidt; det fekk
han sett upp på Durasletta i Babelsfylket. **2** Og kong
Nebukadnessar sende ut menner som skulde stemna
saman satraparne og jarlarne og landshovdingarne og
rådsmennerne og skattmeistrarne og dei lovkunnige
og domarane og alle andre embætsmenner i fylki, at
dei skulde koma til vigsla av det bilætet som kong
Nebukadnessar hadde fenge reist. **3** Då samla dei
seg, satraparne og jarlarne og landshovdingarne og
rådsmennerne og skattmeistrarne og dei lovkunnige
og domararne og alle andre embetsmenner i fylki og
skulde vigsla det bilætet som Nebukadnessar hadde
fenge reist; og då dei so stod framfor det bilætet som
Nebukadnessar hadde fenge reist, **4** ropa ein herold
med høg røyst: «Det vere dykk sagt, de folk og ætter
og tungemål: **5** Når de høyrer ljoden av horn, fløyta,
cither, harpa, psalter, sekkjepipa og alle slags andre
spel, då skal de falla ned og tilbeda det gull-bilætet
som kong Nebukadnessar hev fenge reist. **6** Men den
som ikkje fell ned og tilbed, skal i same stundi verta
kasta i ein brennande omn.» **7** So snart alt folket no
høyrde ljoden av horn, fløyta, cither, harpa, psalter og
alle andre slags spel, fall dei difor ned, alle folk og
ættar og tungemål, og tilbed det gull-bilætet som kong
Nebukadnessar hadde fenge reist. **8** Men straks etter
stod nokre kaldæiske menner fram og klaga jødarne.
**9** Dei tok til ords og sagde til kong Nebukadnessar:
«Kongen live æveleg! **10** Konge, du hev gjeve bod
um at alle menneskje skulde falla ned og tilbeda gull-
bilætet når dei høyrde ljoden av horn, fløyta, cither,
harpa, psalter, sekkjepipa og alle andre spel, **11** og at
kvar og ein som ikkje fell ned og tilbed, skal verta kasta
i ein brennande omn. **12** Men no er her nokre jødiske
menner, Sadrak, Mesak og Abed-Nego, som du sette
til å styra Babelsfylket. Desse mennerne hev ikkje agta
på deg, konge. Dei dyrkar ikkje dine gudar, og ikkje
tilbed dei gull-bilætet som du hev fenge reist.» **13** Då
baud Nebukadnessar i vreide og harm at dei skulde
føra fram Sadrak, Mesak og Abed-Nego. Og dei førde
mennerne fram for kongen. **14** Nebukadnessar tala til
deim og sagde: «Er det med vilje at de, Sadrak, Mesak
og Abed-Nego, ikkje dyrkar mine gudar og ikkje tilbed
det gull-bilætet som eg hev fenge reist? **15** Ja, ja, alt
skal verta godt att, so framt de er viljuge til å falla ned
og tilbeda det bilætet som eg hev fenge gjort, når de
høyrer ljoden av horn, fløyta, cither, harpa, psalter og
sekkjepipa og alle slag andre spel. Men dersom de
ikkje tilbed, so skal de i same stundi verta kasta i den
brennande omn; og kven er den gud som då kann
frelsa dykk or mi hand?» **16** Då svara Sadrak, Mesak
og Abed-Nego og sagde til kongen: «Nebukadnessar,
me tarv ikkje gjeva deg noko svar på dette. **17** Um
vår Gud, han som me dyrkar, magtar å frelsa oss,
so skal han og frelsa oss or den brennande omnen
og or di hand, konge. **18** Men um han ikkje det vil,
so skal du vita, konge, at me dyrkar ikkje dine gudar
kor som er, og at me ikkje vil tilbeda det gull-bilætet
som du hev fenge reist.» **19** Då rann det slikt sinne i
Nebukadnessar mot Sadrak, Mesak og Abed-Nego, at
han skifte liter i andlitet. Og han tok til ords og baud at
dei skulde gjera omnen sju gonger so heit som elles
var turvande. **20** Og nokre handfaste karar i heren
hans fekk fyresegn um å binda Sadrak, Mesak og
Abed-Nego og kasta deim i den brennande omnen.
**21** So vart mennerne bundne i underklædi, kjolarne,
kapporne og dei andre klædi sine og kasta i den
brennande omnen. **22** Men etter di bodet åt kongen
hadde vore so strengt, og omnen difor var vorten
so uhorveleg upphita, vart dei mennerne som førde
Sadrak, Mesak og Abed-Nego upp dit, sjølv drepne
av eldslogarne. **23** Men dei tri mennerne, Sadrak,
Mesak og Abed-Nego, vart kasta bundne ned i den
brennande omnen. **24** Då stokk kong Nebukadnessar
og stod svint upp og spurde rådsherrarne sine og
sagde: «Var det ikkje tri menner me batt og kasta i
elden?» Dei svara og sagde til kongen: «Jau visst,
konge.» **25** Han heldt fram og sagde: «Og endå ser
eg no fire menner som gjeng lause og leduge inne i
elden, og inkje mein hev dei fenge; og den fjorde ser
ut som ein gudeson. **26** Dermed steig Nebukadnessar
fram til døri på den brennande omnen, tok til ords
og sagde: Sadrak, Mesak og Abed-Nego, de tenarar
åt den høgste Gud, kom ut her!» Då gjekk Sadrak,
Mesak og Abed-Nego ut or elden. **27** Og satraparne
og jarlarne og landshovdingarne og rådsherrarne åt
kongen samla seg saman der, og fekk sjå at elden
ikkje hadde havt nokor magt yver likamen til desse
mennerne, og at håret på hovudi deira ikkje var svidt,
og at klædi deira ikkje var skadde; ja, ein kunde ikkje
ein gong kjenna lukti av noko brent på deim. **28** Då tok
Nebukadnessar til ords og sagde: «Lova vere Gud åt
Sadrak, Mesak og Abed-Nego, som sende engelen
sin og frelsa tenararne sine, som trøysta seg so fast
til honom at dei braut ordi åt kongen og våga livet
sitt, so dei ikkje skulde nøydast til å dyrka og tilbeda
nokon annan gud enn sin eigen Gud! **29** So gjev eg
no det bodet at kven det so er av alle folk og ætter
og tungemål som segjer noko usømelegt um Sadrak,
Mesak og Abed-Negos Gud, han skal hoggast i sund,
og huset hans skal gjerast til ein sorphaug; for det finst
ingen gud som kann hjelpa so som han.» **30** So let
kongen Sadrak, Mesak og Abed-Nego koma til stor
æra og magt i Babelsfylket.

**4** Kong Nebukadnessar til alle folk og ætter og
tungemål som bur på heile jordi: Heil og sæl! **2** Eg
hev funne for godt å kunngjera dei teikn og under som
den høgste Gud hev gjort mot meg. **3** Kor store er
ikkje teikni hans, og megtige hans under! Riket hans er
eit æveleg rike, og veldet hans varer frå ætt til ætt. **4**
Eg, Nebukadnessar, sat i god ro i huset mitt og livde
lukkeleg i kongsgarden mitt. **5** Då hadde eg ein draum
som skræmde meg; eg tok fæla av draumsviv i mi
seng og av ei syn som eg såg. **6** Difor gav eg ut bod
um at dei skulde henta alle dei vise i Babel til meg,
so dei kunde segja meg uttydingi på draumen. **7** So
kom då runemeistrarne, manararne, kaldæarane og
stjernetydarane, og eg fortalde deim draumen; men
dei kunde ikkje segja meg uttydingi på honom. **8** Til
slutt kom Daniel og inn for meg, han som hadde fenge
namnet Beltsassar etter namnet på guden min, og
som anden åt heilage gudar er i; og eg fortalde honom
draumen soleis: **9** «Beltsassar, du som er den øvste
millom runemeistrarne, um deg veit eg at anden åt
heilage gudar er i deg, og at ingen løyndom er for
svær for deg; so seg meg kva eg såg i draumen min,
og kva det tyder. **10** Dette var den syni eg hadde
på lægjet mitt: Eg såg i syni mi eit tre standa midt
på jordi, og det treet var ovleg høgt. **11** Ja, stort og
veldugt var treet, og so høgt at det rakk til himmels
og var synlegt alt til enderne av jordi. **12** Det hadde
fager lauvklænad, og det bar mykje frukt, so det hadde
føde åt alle. Dyri på marki fann skugge under det, og
fuglarne under himmelen budde i greinerne på det,
og alt kjøt fekk si føda frå det. **13** So såg eg i den
syni som eg hadde på lægjet mitt, korleis ein heilag
vaktar steig ned frå himmelen. **14** Han ropa med høg
røyst og sagde: «Hogg ned treet, og skjer greinerne
av det, riv lauvklædnaden av, og spreid frukti, so dyri
som ligg under det, lyt fara sin veg, og fuglarne flyg
burt ifrå greinerne på det. **15** Men lat stuven med
røterne standa att i jordi, men bunden med lekkjor av
jarn og kopar, midt i grøne graslendet; av doggi frå
himmelen skal han vætast, og hava sin lut med dyri
millom urterne på marki. **16** Hjarta hans skal skapast
um, so det ikkje er eit mannehjarta meir; eit dyrehjarta
skal han få, og sju tider skal skrida fram yver honom.
**17** So er det skipa ved rådgjerd av vaktarane, og so
hev dei heilage sagt i saki, so mykje dei levande skal
sanna at det er den Høgste som råder yver manneriket
og gjev det til kven han vil, ja, set den ringaste millom
menneskje yver det.» **18** Soleis var draumen som eg,
kong Nebukadnessar, hadde. Og no må du, Beltsassar,
segja kva han tyder; for ingen av dei vise i riket mitt
kann segja meg uttydingi; men du kann det vel, for
anden åt heilage gudar er i deg.» **19** Då stod Daniel,
han som dei og kalla Beltsassar, ei stund forfærd og
full av urolege tankar. Men kongen tok atter til ords
og sagde: «Beltsassar, lat ikkje draumen og det som
han tyder, skræma deg!» Beltsassar svara og sagde:
«Herre min, gjev draumen måtte gjelda deim som hatar
deg, og tydingi på honom fiendarne dine! **20** Treet du
såg, som var so stort og so veldugt, og so høgt at det
rakk til himmels og var synlegt yver all jordi, **21** og
som hadde so fager lauvklædnad, og bar so mykje
frukt at det gav føda åt alle, treet som dyri på marki
budde under, og som fuglarne under himmelen hadde
reiri sine i greinerne på, **22** det er du sjølv, konge, du
som er so stor og veldug; stordomen din hev vakse
so han når til himmels, og veldet ditt strekkjer seg til
endarne av jordi. **23** Men at kongen såg ein heilag
vaktar stiga ned frå himmelen, som sagde: «Hogg ned
treet og øydelegg det, men lat stuven med røterne
standa att i jordi, bunden med lekkjer av jarn og kopar,
midt i grøne graslendet! av doggi frå himmelen skal
han vætast, og hava sin lut millom dyri på marki, til
dess sju tider hev skride fram yver honom - **24** det
tyder, konge, og dette er rådgjerdi åt den Høgste som
råkar herren min, konge: **25** Du skal verta utstøytt frå
menneski og ljota bu millom dyri på marki og eta gras
som uksarne og verta vætt av doggi frå himmelen, og
sju tider skal skrida fram yver deg til dess du sannar at
det er den Høgste som råder yver mannariket og gjev
det til kven han vil. **26** Men at det vart bode at trestuven
og røterne skulde standa att, det tyder at du skal få
hava riket ditt, når du hev sannkjent at himmelen hev
magti. **27** Difor må du, konge, lata mitt råd tekkjast
deg, og gjera deg fri frå synderne dine med di du
gjer godt, og frå misgjerningarne dine med di du gjer
sælebot mot dei fatige, um lukka di då kann henda
kunde verta varande.»» **28** Alt dette kom yver kong
Nebukadnessar. **29** Tolv månader etter gjekk kongen
ein gong ikring på taket av kongsslottet i Babel. **30**
Då tok kongen til ords og sagde: «Sjå, dette er det
store Babel, som eg hev bygt til kongssæte med mi
velduge magt, min herlegdom til æra!» **31** Fyrr ordet
endå var or munnen på kongen, kom det ei røyst
frå himmelen: «Deg, kong Nebukadnessar, vere det
sagt: Kongedømmet hev vike frå deg; **32** du skal verta
utstøytt frå menneski og ljota bu millom dyri på marki
og eta gras som uksarne, og sju tider skal skrida fram
yver deg, til dess du sannar at den Høgste råder yver
manneriket og gjev det til kven han vil.» **33** I same
stundi slo dette ordet til på Nebukadnessar; han vart
utstøytt frå menneski og laut eta gras som uksarne,
og kroppen hans vart vætt av doggi frå himmelen, til
dess at håret hans voks og vart som ørnefjører, og til
dess neglerne hans vart som fugleklør. **34** Men då tidi

var lidi, lyfte eg, Nebukadnessar, augo mine upp til
himmelen og fekk vitet mitt att. Då lova eg den Høgste,
eg prisa og æra honom som liver æveleg, han som hev
eit velde som er eit æveleg velde, og eit rike som varer
frå ætt til ætt. 35 Alle som på jordi bur, er som inkje å
agta imot honom, for han gjer kva han vil, både med
himmelheren og med deim som bur på jordi, og ingen
kann standa seg imot hans hand eller segja til honom:
«Kva gjer du?» 36 So fekk eg då på den tidi vitet
mitt att, og eg fekk att min herlegdom og glans, mitt
kongedøme til æra, og rådsherrarne og stormennerne
mine leita meg upp. Og eg vart innsett i kongedømet
mitt att, og endå større magt vart meg gjevi. 37 Difor
prisar no eg, Nebukadnessar, og høglovar og ærar
kongen i himmelen; for alle hans gjerningar er sanning,
og vegarne hans er rette, og han kann bøygja deim
ned som ferdast i ovmod.

**5** Kong Belsassar gjorde eit stort gjestebod for dei
tusund stormennerne sine og heldt drykkjelag med
dei tusund. 2 Då dei hadde fenge smak på vinen, baud
Belsassar at dei skulde bera fram dei gullkjeraldi og
sylvkjeraldi som Nebukadnessar, far hans, hadde teke
or templet i Jerusalem; or deim skulde so kongen og
stormennerne hans, konorne og fylgjekonorne hans
drikka. 3 Dei bar då fram dei gullkjeraldi som var
tekne or templet i Guds hus i Jerusalem; og kongen og
stormennerne hans, konorne og fylgjekonorne hans,
drakk or deim. 4 Dei drakk vin og prisa gudarne sine
av gull og sylv, av kopar og jarn og tre og stein. 5
Då synte det seg i same stundi fingrar som av ei
mannehand, som skreiv på den kvitkalka veggen i
kongshalli, midt imot ljosestaken; og kongen såg handi
som skreiv. 6 Då skifte kongen liter, og tankarne
skræmde honom, og han veikna i mjødmarne, og
knei hans slo imot einannan. 7 Og kongen ropa med
høg røyst, og baud at dei skulde henta manarane og
kaldæarane og stjernetydarane. Og kongen sagde
so til dei vise i Babel: «Kven det er som kann lesa
denne skrifti og gjeva meg uttydingi på henne, han
skal verta klædd i purpur, ei gullkjeda skal han få
um halsen, og verta den tridje mannen i riket.» 8
Då kom alle kongens vismenner til stades, men dei
kunde ikkje lesa skrifti eller segja kongen kva ho tydde.
9 Då vart kong Belsassar øgjeleg forfærd, og skifte
liter, og stormennerne hans stod forstøkte. 10 Men då
talen åt kongen og stormennerne hans kom for øyro
åt dronningi, gjekk ho til gildehalli; der tok dronningi
til ords og sagde: «Kongen live æveleg! Lat ikkje
tankarne skræma deg, og ikkje skal du skifta liter. 11 I
riket ditt finst ein mann som anden åt heilage gudar er
i. I dagarne åt far din synte det seg at han åtte både
upplysning og klokskap og visdom som visdom hjå
gudar; og far din, kong Nebukadnessar, sette honom til
hovding yver runemeistrarne, manararne, kaldæarane
og stjernetydarane; ja, dette gjorde far din, kongen,
12 etter di det hjå honom var ei makelaus ånd og
kunnskap og skyn, og dugleik til å tyda draumar og
gjeta gåter og greida vande flokar, hjå denne Daniel,
som kongen hadde gjeve namnet Beltsassar. Send
difor bod etter Daniel! So gjev nok han deg uttydingi».
13 Då so Daniel var henta til kongen, tok kongen til
ords og sagde til Daniel: «Du er fulla Daniel, ein av dei
jødiske fangarne som far min, kongen, førde hit frå
Juda? 14 Eg hev høyrt folk segja um deg at anden
åt gudar er i deg, og at det hev synt seg at du eig
upplysning og skyn og makelaus visdom. 15 No er det
so at dei vise og manararne hev vorte henta hit til meg
til å lesa denne skrifti og segja meg uttydingi på henne;
men dei kunde ikkje gjeva meg nokor uttyding. 16 Men
um deg hev eg høyrt at du kann gjeva uttydingar og
greida vande flokar. Kann du no lesa denne skrifti og
segja meg uttydingi på henne, so skal du verta klædd i
purpur, og få ei gullkjeda um halsen din, og du skal
verta tridje mannen i riket.» 17 Då svara Daniel og
sagde til kongen: «Gåvorne dine kann du sjølv hava
eller gjeva deim til ein annan; deim forutan skal eg
lesa skrifti for kongen og segja honom uttydingi: 18 Til
Nebukadnessar, far din, konge, gav Gud den høgste
kongemagt, stordom, æra og herlegdom; 19 og for
den stordomen skuld som han hadde gjeve honom,
skalv alle folk og ætter og tungemål for honom og
ræddast. Kven han vilde, drap han, og kven han vilde,
let han liva; kven han vilde, gjorde han stor, og kven
han vilde, gjorde han liten. 20 Men då han ovmoda
seg i hjarta sitt, og åndi hans vart stolt og stormodig,
vart han støytt ifrå kongsstolen sin, og æra hans vart
frå honom teki. 21 Han vart utstøytt frå menneski, og
hjarta hans vart som hjarta hjå eit dyr, og han laut bu
millom villasen og eta gras som uksarne, og av doggi
frå himmelen vart kroppen hans vætt, til dess han
sanna at Gud den høgste råder yver mannariket og set
yver det kven han vil. 22 Men du, Belsassar, son hans,
som hev visst alt dette, hev endå ikkje gjort hjarta ditt
audmjukt, 23 men ovmoda deg mot Herren i himmelen
og late folk bera fram for deg kjeraldi frå huset hans;
og du og stormennerne dine, konorne og fylgjekonorne
dine, hev drukke vin or deim, og du hev prisa dine
gudar av sylv og gull, av kopar, jarn, tre og stein, som
korkje ser eller høyrer eller veit noko. Men den Gud
som hev åndi di og alle dine vegar i sitt vald, honom
hev du ikkje æra. 24 Difor hev no denne handi vorte
send frå honom, og denne skrifti rita. 25 Og so lyder
den skrifti som her er rita: Mené, mené, tekél, ufarsin.
26 Og dette er uttydingi på ordi: Mené, det tyder: Gud

hev talt dagarne åt riket ditt og gjort ende på det. 27
Tekél, det tyder: du er vegen på ei vegt og funnen for
lett. 28 Perés, det tyder: riket ditt er sundbytt og gjeve
åt medarar og persarar.» 29 Då baud Belsassar, og dei
klædde Daniel i purpur, og hengde ei gullkjeda um
halsen hans, og ropa ut um honom at han skulde vera
tridje mannen i riket. 30 Same natti vart Belsassar,
kaldæarkongen, drepen. 31 Og Darius frå Media tok
imot riket då han var tvo og seksti år gamall.

6 Og Darius fann for godt å setja eit hundrad og
tjuge satrapar yver riket, so det alle stadar i riket
skulde vera slike å finna. 2 Og yver deim sette han tri
riksrådar, og av deim var Daniel den eine; for deim
skulde satraparne gjera rekneskap, so kongen ingen
skade leid. 3 Men Daniel merkte seg ut framfor hine
riksrådarne og satraparne, for det var ei makelaus ånd
i honom, og kongen tenkte på å setja honom yver heile
riket. 4 Då søkte dei andre riksrådarne og satraparne
å finna ei sak imot Daniel i det som kom riksstyringi
ved. Men dei kunde ingi sovore sak finna, eller noko
som var rangt, med di han var trugen i tenesta si; ingi
misferd og inkje rangt var å finna hjå honom. 5 Då
sagde mennerne: «Me finn ikkje nokor sak imot denne
Daniel, minder det skulde lata seg gjera å finna noko
i gudsdyrkingi hans.» 6 Etter dette styrmde desse
riksrådarne og satraparne inn til kongen og sagde
soleis til honom: «Kong Darius live æveleg! 7 Alle
riksrådarne og jarlarne og satraparne, rådsherrarne
og landshovdingarne i riket hev samrådt seg um at
eit kongelegt påbod burde verta gjeve, og eit forbod
ferda ut, at kven det er som i tretti dagar heldt si bøn til
nokon annan, det vere gud eller menneskje, enn til
deg, konge, han skal verta kasta i løvegropi. 8 So lat
det no, konge, verta ferda ut eit forbod, og lat det setja
upp skriftleg, so det ikkje kann takast attende, etter
ubrigdeleg lov hjå medarar og persarar.» 9 I samhøve
med dette let kong Darius eit skriv setja upp og eit
forbod ferda ut. 10 Men so snart Daniel hadde fenge
visst at skrivet var uppsett, gjekk han inn i huset sitt;
der hadde han på den øvre salen sin vindaugo som var
opne mot Jerusalem. Der fall han tri gonger um dagen
på kne og bad og takka Gud, soleis som han fyrr
hadde vore van til å gjera. 11 Då styrmde mennerne
inn, og dei fann Daniel, som bad og kalla på sin Gud.
12 Sidan gjekk dei til kongen og spurde honom um det
kongelege forbodet: «Hev du ikkje late setja upp eit
forbod, at kven det er som i tretti dagar held si bøn til
nokon annan, det vere gud eller menneskje, enn til
deg, konge, han skal verta kasta i løvegropi?» Kongen
svara: «Jau, og det ordet stend fast etter ubrigdeleg
lov hjå medarar og persarar.» 13 Då svara dei og
sagde til kongen: «Daniel, ein av dei jødiske fangarne,
agtar korkje på deg eller på det forbodet som du hev
late setja upp, men held si bøn tri gonger um dagen.»
14 Då kongen høyrde dette, vart han svært sorgfull,
og gjorde seg sut for korleis han skulde kunna berga
Daniel; alt til soleglad mødde han seg med å leita etter
ein utveg til å hjelpa honom. 15 Då styrmde mennerne
inn til kongen og sagde til honom: «Kongen må vita
at det er ei lov hjå medararne og persararne, at ikkje
noko forbod eller påbod som kongen ferdar ut, kann
brigdast.» 16 Då baud kongen at dei skulde henta
Daniel og kasta honom i løvegropi; og kongen tala til
Daniel og sagde: «Guden din, som du so ideleg dyrkar,
han frelsa deg!» 17 Og dei fann fram ein stein og lagde
den yver gropsmunnen, og kongen innsigla honom
med sitt eige innsigle og innsiglet åt stormennerne
sine, so det ikkje skulde verta gjort noko um att i det
som hadde hendt med Daniel. 18 Etter dette gjekk
kongen heim til slottet sitt, og han fasta heile natti og
let ingi kvinnor koma inn til seg; og han fekk ikkje blund
på augo. 19 Sidan um morgonen, i lysingi, reis kongen
upp og skunda seg til løvegropi. 20 Og då han var nær
burt åt gropi komen, ropa han på Daniel med sorgfull
røyst. Kongen tok til ords og sagde til Daniel: «Daniel,
du tenar åt den levande Gud, må tru Guden din, den
som du so ideleg dyrkar, hev kunna berga deg frå
løvorne?» 21 Då svara Daniel kongen: «Kongen live
æveleg! 22 Min Gud hev sendt engelen sin til å lata att
løvemunnarne, so dei ingen skade hev gjort meg. For
eg er funnen saklaus for honom; og ikkje heller hev
eg forbrote meg mot deg, konge.» 23 Då vart kongen
ovleg glad, og baud at dei skulde taka Daniel upp or
gropi. Og då Daniel var teken upp or gropi, kunde dei
ingen skade finna på honom; for han hadde trutt på sin
Gud. 24 Sida baud kongen, og dei henta dei mennerne
som hadde klaga Daniel, og kasta deim og borni og
konorne deira i løvegropi; og endå fyrr dei var til botnar
komne, rauk løvorne på deim og krasa kvart beinet i
deim. 25 Etter dette skreiv kong Darius til alle folk og
ætter og tungemål som fanst på heile jordi: «Heil og
sæl! 26 Hermed gjev eg det bodet at i heile mitt rike
skal folk skjelva og ottast for Daniels Gud. For han er
den livande Gud, som skal vera i all æva; og riket hans
er eit som ikkje kann øydast, og veldet hans varer
alt til enden. 27 Han frelsar og friar ut, han gjer teikn
og under i himmelen og på jordi, han som hev frelst
Daniel or løve-vald.» 28 Og denne Daniel steig i æra
og magt i styringstidi åt Darius og persaren Kyrus.

7 I det fyrste styringsåret åt den babyloniske kongen
Belsassar hadde Daniel ein draum og såg ei syn i
hovudet på lægjet sitt. Sidan skreiv han upp draumen
og fortalde hovudsummen av innhaldet. 2 Daniel tok til

ords og sagde: Eg hadde ei syn um natti, og i den
syni såg eg korleis dei fire himmelvindarne storma
fram yver det store havet. 3 Og fire store dyr steig
upp or havet, det eine ulikt det andre. 4 Det fyrste
liktest ei løva, men det hadde vengjer som ein ørn.
Medan eg såg på det, vart vengjerne rivne av dyret, og
det vart lyft upp frå marki og sett på tvo føter som eit
menneskje, og eit mannehjarta fekk det. 5 So fekk eg
sjå eit dyr til, det andre i rekkja; det var likt ein bjørn,
og det lette seg upp på den eine sida, og det hadde tri
sidebein i gapet millom tennerne. Og til dyret vart det
sagt: «Statt upp, og et mykje kjøt!» 6 Etter det fekk eg
sjå eit anna dyr, som liktest ein pantar, men på sidorne
hadde det fire fuglevengjer; og dyret hadde fire hovud,
og velde vart det gjeve. 7 Etter det fekk eg i syni mi um
natti sjå det fjorde dyret, øgjelegt og skræmelegt og
uhorveleg sterkt; det hadde store tenner av jarn, det åt
og krasa, og leivningarne trakka det sund med føterne:
det var ulikt alle hine dyri og hadde ti horn. 8 Medan
eg skoda på horni, fekk eg sjå korleis det skaut upp
millom deim eit anna horn, eit lite, som skuva undan
seg tri av hine horni; og sjå, det hornet hadde augo lik
manneaugo, og ein munn som tala store ord. 9 Medan
eg heldt på og såg på dette, vart det sett fram stolar,
og ein som gamall var, sette seg ned. Klædnaden
hans var snøkvit, og håret på hovudet hans som rein
ull; stolen hans var av eldslogar, og hjuli under var
av brennande eld. 10 Ei elv av eld strøymde ut frå
honom; tusund gonger tusund var tenarane hans, og ti
tusund gonger ti tusund stod til tenesta for honom.
So vart retten sett, og bøker vart opna. 11 Medan eg
heldt på og såg på dette, hende det, for dei store ord
skuld som hornet tala, at medan eg heldt på og såg
på dette, vart dyret drepe, og kroppen åt dyret vart
tynt og kasta i elden til å brennast. 12 Veldet åt dei
andre dyri vart frå deim teke; for livetidi var fastsett
til tid og stund. 13 Sidan fekk eg sjå i nattsynerne
korleis ein som liktest ein menneskjeson, kom med
himmelskyerne; han gjekk burt til den gamle og vart
ført fram for honom. 14 Og han fekk velde og æra og
rike, og alle folk og ætter og tungemål skulde tena
honom. Hans velde er eit ævelegt velde, som ikkje
skal verta frå honom teke, og riket hans skal ikkje
rikkast. 15 Då kjende eg, Daniel, åndi mi uroast i meg,
og synerne i hovudet mitt skræmde meg. 16 Eg gjekk
fram til ein av deim som stod der, og bad honom um
ei pålitande uttyding på alt dette. Og han svara meg
og sagde meg uttydingi på det: 17 «Desse fire store
dyri tyder at det skal koma upp fire kongar av jordi. 18
Men sidan skal dei heilage åt den Høgste taka imot
riket og hava det i eiga alt til æva, ja, til ævordoms
æva.» 19 Etter dette vilde eg hava pålitande uttyding
um det fjorde dyret som var ulikt alle hine, det som
var so oversleg øgjelegt og hadde tenner av jarn og
klør av kopar, det som åt og krasa og sidan trakka
under føterne det som det leivde; 20 so og um dei ti
horni på hovudet åt det og um det nye hornet, det som
sidan skaut upp, og som dei tri andre fall av for, det
hornet som hadde augo og ein munn som tala store
ord, det som var større å sjå til enn alle hine. 21 Eg
hadde set hornet føra krig mot dei heilage og sigra
yver deim, 22 til dess han kom, han som gamall var, og
retten vart gjeven til dei heilage åt den Høgste, og tidi
var komi då dei heilage fekk riket i eiga. 23 Då svara
han og sagde: «Det fjorde dyret tyder at eit fjorde rike
skal koma upp på jordi og vera ulikt alle hine riki. Det
skal gløypa heile jordi og trakka henne sund og krasa
henne. 24 Og dei ti horni tyder at det skal koma upp ti
kongar i det riket; og etter deim skal det koma upp
ein annan, som skal vera dei fyrre ulik, og som skal
slå ned tri kongar. 25 Og han skal tala ord mot den
Høgste, og dei heilage åt den Høgste skal han øyda;
han skal setja seg fyre å skifta um tider og lov; og dei
skal gjevast i hans hand ei tid og tider og ei halv tid.
26 Men so vert retten sett, og veldet hans skal verta
frå honom teke, spillt og avøydt alt til endes. 27 Men
herredøme og veldet og stordom yver alle rike under
himmelen skal verta gjeve til lyden av dei heilage åt
den Høgste. Hans rike skal vera eit ævelegt rike, og
alle herrevelde skal tena og lyda det.» 28 Her sluttar
fråsegni. Men eg, Daniel, vart full av mange urolege
tankar, og eg skifte liter i andlitet; men eg gøymde i
hjarta mitt det som hadde hendt.

**8** I det tridje styringsåret åt Belsassar såg eg, Daniel,
ei syn, ei som kom etter den eg fyrr hadde set. 2 Då
eg no i denne syni skulde til å sjå, syntest det meg at
eg var i Susanborgi i Elamfylket; og då eg såg meir til i
syni, fann eg at eg var ved elvi Ulai. 3 Og då eg såg
upp, fekk eg sjå ein ver framved elvi, og han hadde tvo
horn; og båe horni var høge; men det eine var høgre
enn hitt, og det som var høgre, skaut sist upp. 4 Eg
såg veren stanga med horni vestetter og nordetter og
sudetter, og inkje dyr kunde standa honom imot, og
ingen kunde berga or hans vald; han for fram som han
vilde, og tok seg store ting til. 5 Og då eg gav meir
gaum, fekk eg sjå ein bukk koma vestantil og fara fram
yver all jordi, men han kom ikkje nær marki; og bukken
hadde eit drustelegt horn i skallen. 6 Og han kom burt
til veren med dei tvo horni, den som eg hadde set
standa framved elvi, og for imot honom i veldug vreide.
7 Eg såg honom koma radt inn på veren og drusa
til honom i illska, og han stanga til veren og braut
sund båe horni hans, so at veren ingi magt hadde til
å standa imot honom; og han kasta honom til jordi

og trakka på honom, og det beid ingen som kunde
berga veren or hans vald. 8 Og bukken briska seg
storleg. Men då han stod i si beste magt, brotna det
store hornet hans, og fire andre drustelege horn skaut
upp i staden, ut mot dei fire himmelætterne. 9 Frå eitt
av deim gjekk det ut eit nytt horn, lite i fyrstningi, og det
voks oversleg sudetter og austetter og mot det herlege
landet. 10 Og det voks ende upp til himmelheren og
kasta nokre av denne heren, av stjernorne, ned til jordi
og trakka på deim. 11 Ja, jamvel mot hovdingen yver
heren briska det seg; han tok burt det daglege offeret,
og hans heilagdoms bustad vart nedriven. 12 Saman
med det daglege offeret vart og ein herskare gjeven til
pris for brot skuld. Og det slo sanningi ned til jordi,
og det lukkast vel, alt det tok seg til. 13 Sidan høyrde
eg ein heilag som tala, og ein annan heilag spurde
honom som tala: «Kor lang tid sigtar ho på, syni um
det daglege offeret og um brotet som valdar øyding,
og um nedtrakkingi av både heilagdom og her?» 14 Då
svara han meg: «Tvo tusund og tri hundrad kveldar og
morgnar; etter det skal heilagdomen koma til retten
sin att.» 15 Då eg, Daniel, no hadde set denne syni
og freista skyna henne, fekk eg sjå at det stod noko
framfyre meg, som liktest ein mann. 16 Og midt yver
Ulai høyrde eg ei mannerøyst, som ropa og sagde:
«Gabriel, tyd syni for denne mannen!» 17 Då kom han
innåt staden der eg stod; men eg vart rædd då han
kom, og kasta meg å gruve. Og han sagde til meg:
«Gjev gaum på dette, du menneskjeson; for syni sigtar
på endetidi.» 18 Medan han soleis tala med meg, seig
eg i uvit med andlitet mot jordi; men han rørde ved
meg og reiste meg upp att. 19 So sagde han: «Sjå, eg
vil kunngjera deg kva som skal henda når det lid til
endes med vreiden; for på endetidi sigtar dette. 20 Den
tvihyrnte veren som du såg, tyder kongarne i Media og
Persia. 21 Men den raggute bukken er Javan-kongen,
og det store hornet i skallen hans er den fyrste kongen.
22 Men at det brotna, og at det kom fire andre att i
staden, det tyder at folket hans skal verta fire rike,
men ikkje med hans kraft. 23 Og ved slutten på veldet
deira, når illgjerdsmennerne hev fyllt sitt mål, skal det
koma upp ein konge, ubljug og meinsløg. 24 Veldet
hans skal verta stort, men ikkje med hans kraft; og
han skal gjera utruleg stor skade og hava heppa med
seg i verket sitt; megtige skal han tyna, og eit folk av
heilage. 25 Med di han er so klok, skal han hava slik
heppa med seg i svikarferdi si; han skal setja seg store
ting fyre, og uventande skal han tyna mange. Ja, mot
hovdingen yver hovdingarne skal han setja seg upp;
men utan manns hand skal han då verta krasa. 26
Og sanning er syni um kveldarne og morgnarne, som
no er umtala. Men gøym du denne syni, for ho peikar
langt fram i tidi.» 27 Men eg, Daniel, vart reint utav det
og låg sjuk ei tid. Sidan kom eg meg på føterne att og
gjorde mi tenesta hjå kongen; og eg var forstøkt yver
syni; men det var ingen som merka det.

**9** I det fyrste styringsåret åt Darius, son åt Ahasverus
- han som var av medisk ætt, og var sett til konge
yver Kaldæar-riket - 2 i det fyrste styringsåret hans
kom eg, Daniel, i bøkerne til å gjeva ans på det åretalet
som Herren hadde nemnt for profeten Jeremia, då
han sagde at han vilde lata sytti år lida til endes,
medan Jerusalem låg i røys. 3 Då vende eg andlitet
mot Herren Gud med inderleg bøn og påkalling, og
attåt det fasta eg i sekk og oska. 4 Eg bad til Herren,
min Gud, og skrifta og sagde: «Å, Herre, du store og
skræmelege Gud, du som held uppe samband og nåde
mot deim som elskar deg og held bodi dine! 5 Me hev
synda og gjort ille og vore gudlause og tråssuge; me
hev vike av ifrå bodi dine og loverne dine. 6 Me hev
ikkje høyrt på tenarane dine, profetarne, som tala i ditt
namn til kongarne våre og hovdingarne og federne og
heile landslyden. 7 Du, Herre, er rettferdig, men me
lyt blygjast, som me og gjer no, me Juda-menner og
Jerusalems-buar og alt Israel, både dei som er nær og
som bur langt burte i framande land, dit du hev drive
deim burt, av di dei var utrue imot deg. 8 Ja, Herre, me
må blygjast med kongarne og hovdingarne og federne
våre, av di me hev synda imot deg. 9 Men hjå Herren,
vår Gud, er miskunn og forlating. For me var tråssuge
imot honom, 10 og høyrde ikkje på røysti åt Herren,
vår Gud, um å leva etter loverne hans, som han lagde
fram for oss ved tenarane sine, profetarne. 11 Nei,
alt Israel braut di lov og veik av og høyrde ikkje på di
røyst. Difor vart ho og utrend yver oss, den forbanningi
som han hadde svore å senda, og som stend skrivi i
lovi åt Guds tenar Moses; for me hadde synda imot
honom. 12 Han heldt ordi sine, som han hadde tala
imot oss og imot domarane som dømde oss; og han
let so stor ei ulukka koma yver oss, at det ingen stad
under himmelen hev hendt noko slikt som hev hendt i
Jerusalem. 13 Etter det som stend skrive i Moselovi,
kom all denne ulukka yver oss; men endå gjorde me
inkje til å blidka Herren, vår Gud, med å vende um
ifrå misgjerningarne våre og agta på sanningi di. 14
Difor vakte og Herren yver ulukka og let henne koma
yver oss; for Herren, vår Gud, er rettferdig i alle dei
gjerningar han gjer; men me høyrde ikkje på røysti
hans. 15 Og no, Herre, vår Gud, du som førde folket
ditt ut or Egyptarland med sterk hand og soleis gjorde
deg eit namn som er det same endå i dag! Me hev
synda, me hev vore gudlause. 16 Men Herre, for all di
rettferd skuld, lat vreiden og harmen din venda seg
ifrå Jerusalem, ditt heilage fjell! for ved synderne våre

og misgjerningarne åt federne våre hev Jerusalem og
folket ditt vorte til spott for alle som bur ikring oss. 17
Og høyr no, vår Gud, bøni og påkallingi åt tenaren din,
og lat di åsyn lysa yver den øydelagde heilagdomen
din, for Herrens skuld. 18 Bøyg, min Gud, øyra ditt hit
og høyr! Lat upp augo dine og sjå røysarne våre og
byen som er uppkalla etter ditt namn! For me lit ikkje
på våre rettferdsverk når me ber fram våre påkallingar
for di åsyn, men me lit på di store miskunn. 19 Herre,
høyr! Herre, forlat! Herre, gjev gaum, gjer ditt verk, og
dryg ikkje - for di skuld, min Gud! for byen din og folket
ditt er då uppkalla etter ditt namn.» 20 Endå medan eg
tala soleis og bad og sanna mi eigi synd og syndi åt
Israel, folket mitt, og for Herren, min Gud, bar fram mi
forbøn for min Guds heilage fjell, 21 endå medan eg
tala soleis i bøn, kom Gabriel til meg, den mannen
som eg fyrr hadde set i syni, den gongen eg seig i uvit;
og det var ved det bilet då kveldsofferet vart frambore.
22 Han greidde ut for meg og tala til meg og sagde:
«Daniel, eg er no utgjengen og skal læra deg å skyna.
23 Då du tok til å beda, gjekk det ut eit ord, og eg er
komen og vil gjeva deg melding, for du er sers gjæv.
So gjev då agt på ordet, og agta på syni! 24 Sytti vikor
er fastsette for folket ditt og for den heilage byen din,
innan brotet vert fullenda, og synderne tek slutt, og
misgjerningarne vert sona, og ei æveleg rettferd førd
fram, og innan syn og profetord vert stadfeste, og ein
høgheilag heilagdom vert salva. 25 Og du skal vita og
skyna: Frå den tidi då ordet gjekk ut um atterreising
av Jerusalem, til dess det kjem ein som er salva, ein
fyrste, skal sju vikor lida av, og i tvo og seksti vikor
byen skal det verta atterreist med gator og vollgraver,
endå um tiderne er tronge. 26 Men etter dei tvo og
seksti vikorne skal ein som er salva, verta utrudd og
inkje hava. Og byen og heilagdomen skal verta øydde
av folket åt ein fyrste som kjem, og han skal enda i ein
storflaum; Og alt til enden skal det vera strid. Øyding
er urikkeleg avgjord. 27 Og han skal gjera eit sterkt
samband med mange for ei vika, og ved honom skal
slagtoffer og grjonoffer vera avteke for ei halv vika; og
på styggedoms veng skal øydaren koma. Detta skal
ganga fyre seg, til dess øyding og urikkeleg avgjord
straffedom strøymer ut yver øydaren.»

**10** I det tridje styringsåret åt persarkongen Kyrus
fekk Daniel, som dei og kalla Beltsassar, ei
openberring; den openberringi er sanning og spår
mykje trengsla. Og han merkte openberringi og gav
agt på syni. 2 Eg, Daniel, hadde då gjenge og syrgt ei
tri vikor. 3 Eg åt ikkje noko slag forkunnmat, kjøt og
vin kom ikkje i min munn, ikkje heller salva eg meg
med olje, fyrr dei tri vikorne var avlidne. 4 Den fire og
tjugande dagen i fyrste månaden, då eg var ved strandi
åt den store elvi Hiddekel, 5 såg eg upp, og då fekk eg
sjå ein mann som stod der klædd i linklæde og gyrd
kring lenderne med eit belte av Ufaz-gull. 6 Likamen
hans var som krysolit, andlitet hans liktest ljoneld, augo
hans var som eldslogar, armarne og føterne hans som
skinande kopar; og ljomen av talen hans var som ein
veldug dun. 7 Og eg, Daniel, var den einaste som såg
syni; dei mennerne som var med meg, dei såg ikkje
syni; men ei stor rædsla kom yver deim, so dei flaug
av og gøymde seg. 8 So vart eg åleine etter, og då eg
såg denne store syni, vart eg reint magtstolen; skifte
liter i andlitet so eg vart nåbleik, og eg åtte ingi magt
meir. 9 Då høyrde eg ljomen av talen hans; og då eg
høyrde ljomen av talen hans, seig eg i uvit å gruve
med andlitet mot jordi. 10 Sjå, då var det ei hand som
tok i meg, so mykje eg skjelvande vann meg uppå kne
og hender. 11 Sidan sagde han til meg: «Daniel, du
gjæve mann, gjev agt på dei ordi som eg vil tala til
deg, og ris upp og statt; for no er eg send til deg.» Då
han sagde dette til meg, reis eg skjelvande upp. 12 Og
han sagde til meg: «Ottast ikkje, Daniel, for alt frå den
fyrste dagen då vende hjarta ditt til å vinna skyn og å
audmykja deg for Gud, hev ordi dine vore høyrde; og
for ordi dine skuld er eg komen no. 13 Hovdingen yver
persarriket stod meg imot i ein og tjuge dagar; men
då kom Mikael, ein av dei fremste hovdingarne, og
hjelpte meg, medan eg fyrr hadde stade der åleine mot
persarkongarne. 14 Og no er eg komen og vil segja
deg kva som skal hendast folket ditt i endetidi; for dette
er og ei syn som sigtar på framtidi.» 15 Medan han
soleis tala til meg, vende eg andlitet mitt mot jordi og
tagde. 16 Men sjå, ein som var lik eit menneskje, tok
på lipporne mine. Då let eg upp munnen min og tala
og sagde til honom som stod framfyre meg: «Herre
min, ved den syni eg hev set, hev det kome slik verk
yver meg, at eg eig ingi magt meir. 17 Kor skulde og
tenaren til herren min, ein sovoren som eg, kunna tala
med ein slik ein som herren min er? Og ingi magt er
det i meg meir, eg evlar no ikkje å anda.» 18 Han som
såg ut som eit menneskje, tok då atter i meg og styrkte
meg. 19 Han sagde: «Ottast ikkje, du gjæve mann!
Fred vere med deg! Ver sterk, ja, ver sterk!» Då han
tala med meg soleis, kjende eg kor eg styrktest, og eg
sagde: «Tala, herre min, for no hev du styrkt meg.» 20
Då sagde han: «Kann du skyna kvifor eg er komen til
deg? Men eg lyt straks venda attende og strida mot
hovdingen yver Persia, og når eg dreg ut, kjem Javan-
hovdingen. 21 Like vel vil eg kunngjera deg kva som er
skrive i sanningsboki. Og det er ikkje ein som hjelper
meg mot desse utan Mikael, hovdingen dykkar.

**11** Og eg stod og ved hans sida til hjelp og til vern
det fyrste styringsåret åt medaren Darius.» 2 Og

no skal eg kunngjera deg det som visst er. Sjå, endå
skal tri kongar standa fram i Persia, og den fjorde skal
vinna seg større rikdom enn nokon av dei andre, og
når han er vorten sterk ved rikdomen sin, skal han
bjoda ut alt mot Javanriket. **3** Sidan skal det standa
fram ein veldug konge, og han skal rikja med stor magt
og gjera som han vil. **4** Men han skal ikkje for vel vera
komen, fyrr riket hans skal rivna og verta sundbytt etter
dei fire himmelætterne; og det skal ikkje falla hans ætt
til eller verta so megtigt som det var då han rådde; for
riket hans skal rivast og falla andre til enn deim. **5**
Og kongen i Sudlandet skal verta veldug, og ein av
hovdingarne hans og; ja, denne hovdingen skal verta
ein endå veldugare hovding enn han sjølv er, og veldet
hans skal verta stort. **6** Og um nokre år skal dei gjera
ei semja seg imillom, og dotter åt Sudlands-kongen
skal draga avstad til kongen i Norderlandet og freista
å få deim forlikte. Men magti ho vinn, skal ho ikkje
eiga lenge, ikkje heller skal han og hans magt verta
varande; men ho skal verta gjevi til pris, ho tilliks med
deim som let henne draga dit, både far hennar og
den mannen som i si tid tok henne til seg. **7** Men av
renningar frå hennar rot skal ein stiga upp i hans stad.
Han skal fara fram imot heren åt kongen i Norderlandet
og brotja inn i festningarne hans og gjera med deim
som han vil, og han fær yvermagt. **8** Gudarne deira og
bilæti og dei dyrverdige kjeraldi deira, både sylv og
gull, skal han føra til herfang til Egyptarland. Sidan
skal han i nokre år lata kongen i Norderlandet vera i
fred. **9** Men han skal trengja inn i riket åt Sudlands-
kongen; men han skal venda heim att til landet sitt. **10**
Og sønerne hans skal bu seg til strid og samla velduge
herar; og ein av deim skal fara fram og fløyma yver og
breida seg ut; og han skal koma att, og striden skal
dei føra fram alt til festingi hans. **11** Då skal kongen i
Sudlandet reisa seg i harm og draga ut og strida mot
kongen i Norderlandet, og han skal fylkja ein stor her;
men den heren skal verta gjeven i hans hender. **12**
Når so heren er sprengd, aukar ovmodet hans; men
um han so hev felt titusund, fær han då ikkje magti. **13**
Kongen i Norderlandet skal fylkja ein ny her, større
enn hin; og um nokre års tid skal han koma med ein
stor krigsher og stort træn. **14** På same tid skal mange
reisa seg mot kongen i Sudlandet; og valdsmenner
av ditt eige folk skal og reisa seg, so syni skal sanna
seg. **15** Og kongen i Norderlandet skal fara fram og
setja upp vollar og taka ein borgby, og Sudlands-magti
skal ikkje kunna standa seg, og det utvalde herfolket
hans skal ikkje eiga magt til motstand. **16** Han som
fer imot honom, skal fara åt som han vil, og ingen
skal kunna standa seg imot honom; han skal setja seg
fast i det herlege landet, og øyding skal handi hans
valda. **17** Og han skal etla seg til å koma med heile
magti i riket sitt; like vel er han huga på semja, og det
skal han og få til. Ei av døtterne sine skal han gjeva
honom til kona, til tjon for landet. Men det skal ikkje
koma i stand og ikkje verta av. **18** Etterpå skal han
snu seg mot øylandi og taka mange; men ein herførar
skal gjera ende på svivyrdingi hans, ja, lata svivyrdingi
hans koma yver honom sjølv. **19** Då skal han snu seg
mot borgerne i sitt eige land; men han skal snåva og
falla og sidan ikkje verta funnen att meir. **20** Og i hans
stad skal det standa fram ein annan, og han skal lata
ein skattefut fara gjenom riksens prydnad, men um
nokre dagar skal han verta tynt, men ikkje i vreide, ei
heller i krig. **21** Og i hans stad skal det standa fram ein
stakar, som det ikkje var etla kongedøme åt; uventande
skal han koma og eigna til seg riket med meinråder.
**22** Og yverfløymde herar skal skolast burt framfyre
honom og krasast, og sambandsfyrsten sameleis. **23**
Frå den stund dei gjer samband med honom, skal han
fara med svik. Og han skal fara fram og få yvermagti
med lite folk. **24** Uventande skal han koma inn i dei
grøderikaste bygder av landet og gjera ting som korkje
far hans eller forfederne hans hev gjort; herfang og rov
og gods skal han strå ut til folket sitt; og mot borgerne
skal han hava rådgjerder fyre, til ei viss tid. **25** All si
magt og alt sitt mod skal han bruka mot Sudlands-
kongen og koma med ein stor her; men Sudlands-
kongen skal og bu seg til strid med ein ovleg stor og
mannsterk her; like vel skal han ikkje kunna standa
seg, for det vert lagt meinråder mot honom. **26** Dei
som er i bordsamlag med honom, skal fella honom. Og
heren hans skal fløyma utyver, og mange skal verta
slegne og falla. **27** Båe kongarne skal vera meinte på
vondt; der dei sit ved same bord, skal dei tala lygn;
men det skal ingen framgang hava; for endå dryger
det med enden, til den fastsette tidi kjem. **28** Han skal
venda heim att til landet sitt med stort herfang, og
han skal leggja upp råder mot det heilage sambandet;
og når han hev fullført deim, skal han snu heim att
til landet sitt. **29** Til fastsett tid skal han fara imot
Sudlandet; men det skal ikkje ganga denne gongen
som det gjekk gongen fyrr. **30** For skip frå Kittim skal
koma imot honom, og modet skal han missa. Då skal
han snu um og venda vreiden sin mot det heilage
sambandet og sleppa sinnet sitt laust. Og når han er
heimkomen, skal han merka seg deim som vender
seg ifrå det heilage sambandet. **31** Og herar som han
sender ut, skal koma og skamfara heilagdomsborgi
og taka burt det daglege offeret, og den øydande
styggedomen skal dei setja upp. **32** Og deim som hev
krenkt sambandet, skal han med håle ord få gjort heilt
ut til heidningar; men dei av folket som kjenner sin

Gud, skal standa støduge og halda ut. **33** Og dei vituge
millom folket skal læra mange; men ei tid skal dei verta
heimsøkte med sverd og bål, med fangekår og herjing.
**34** Like vel skal dei i si heimsøkjing få ei liti hjelp, og
mange skal då fylkja seg til flokken deira på skrymt. **35**
Heimsøkjingi skal råma sume av dei vituge, so det
kann verta ei skiring millom deim, so dei vert reinsa
og tvegne til endetidi; for endå drygjer det med den
til den fastsette tidi kjem. **36** Og kongen skal fara åt
som han vil, hevja og briska seg mot alt som Gud er;
ja, mot Gud yver gudarne skal han tala utruleg kaute
ord. Og alt skal lukkast honom vel, til dess vreidetidi
er ute, då det hev hendt som er urikkeleg avgjort. **37**
På fedregudarne sine skal han ikkje agta, ikkje heller
skal han agta grumguden åt kvinnorne, ikkje heller
på nokon annan gud; men han skal ovmoda seg imot
deim alle. **38** Men borgguden skal han æra i staden;
ein gud som federne hans ikkje hev kjent, skal han
heidra med gull og sylv og dyrverdige steinar og andre
kostnadting. **39** Og mot sterke borger skal han med ein
framand guds hjelp gjera som han lyster; deim som
kannar denne guden, skal han syna stor æra; han skal
setja deim til å råda yver mange, og han skal skifta
ut jord åt deim til løn. **40** Men i endetidi skal kongen
i Sudlandet til å stangast med honom; og kongen i
Norderlandet skal storma fram mot honom med vogner
og hestfolk og mange skip og falla inn i landi og fløyma
yver og breida seg ut. **41** Han skal og draga inn i
det herlege landet, og mange andre land skal verta
heimsøkte; men desse skal koma seg undan henderne
hans: Edom og Moab og storluten av ammonitarne.
**42** Ja, han skal retta handi ut mot framande land, og
Egyptarland skal sleppa undan. **43** Han skal eigna til
seg skattar av gull og sylv og alle slag kostnadting i
Egyptarlandet; og libyarar og ætiopar skal fylgja i hans
far. **44** Då skal han frå aust og nord høyra tidender
som støkkjer honom; og han skal draga ut i stor vreide
til å øyda og tyna mange. **45** Og slottstjeldi sine skal
han setja upp millom havet og det herlege heilagdoms-
fjellet. Men so ber det til enden med honom, og ingen
skal hjelpa honom.

**12** «På den tidi skal Mikael stiga fram, den store
hovdingen som stend verja for borni åt folket
ditt; og det kjem ei trengsletid som det ikkje hev vore
makan til alt frå den dagen då det vart folk til, og like til
den tidi. Men på den tidi skal alle dei av folket ditt verta
frelste som finst skrivne i boki. **2** Og mange av deim
som søv i moldi, skal vakna upp, sume til æveleg liv
sume til skam og æveleg stygg. **3** Då skal dei vituge
skina som himmelkvelven skin, og dei som hev ført
mange til rettferd, som stjernor æveleg og alltid. **4**
Men du, Daniel, må gøyma ordi og forsigla boki alt til
endetidi; mange skal granska henne, og kunnskapen
skal auka.» **5** Då eg, Daniel, no såg til, fekk eg sjå
tvo andre som stod der, ein på den eine elvebakken
og ein på den andre elvebakken. **6** Og ein av deim
sagde til mannen som var klædd i linklæde, og som
stod ovanfor vatnet i elvi: «Kor lenge drygjer det fyrr
enden kjem med desse underfulle hende?» **7** Og eg
høyrde på mannen som var klædd i linklæde, og som
stod ovanfor vatnet i elvi; han lyfte høgre handi si og
vinstre handi si upp imot himmelen og svor ved honom
som liver æveleg: «Ei tid og tider og ei halv tid; og
når magti åt det heilage folket er krasa, då skal alt
dette fullendast.» **8** Og eg høyrde det, men eg skyna
det ikkje, og eg spurde: «Herre min, kva er endelykti
på dette?» **9** Då sagde han: «Gakk du, Daniel; for
desse ordi er løynde og forsigla alt til endetidi. **10**
Mange skal verta reinsa og tvegne og skirde; men
dei gudlause skal driva på med si gudløysa, og ingen
gudlaus skal skyna det; men dei vituge skal skyna det.
**11** Og frå den tid då det daglege offeret vert avteke og
den øydande styggedomen sett upp, skal det ganga
eit tusund tvo hundrad og nitti dagar. **12** Sæl er den
som biar og når fram til eit tusund tvo hundrad og fem
og tretti dagar. **13** Men gakk du av stad til endelykti!
Når du hev kvilt, skal du standa upp og få din lut, når
dagarne fær ende.»

# Hoseas

**1** Herrens ord som kom til Hosea, son åt Be'eri, i
dei dagarne då Uzzia, Jotam, Ahaz og Hizkia var
kongar i Juda, og då Jeroboam, son åt Joas, var konge
i Israel. **2** Herrens fyrste ord til Hosea var at han
sagde til honom: «Gakk stad og få deg ei horkona og
horeborn! For landet driv på med hor og fer soleis burt
ifrå Herren.» **3** Då gjekk han stad og gifte seg med
Gomer dotter, hans Diblajim. Og ho vart med barn og
fødde honom ein son. **4** Og Herren sagde til honom:
«Lat honom heita Jizre'el! For um ein stakkut stund vil
eg lata huset hans Jehu lida for Jizre'els blodskuld
og gjera ende på kongedømet i Israels hus. **5** Den
dagen skal det bera so til at eg bryt sund Israels boge
i Jizre'els dal.» **6** Og ho vart med barn att og fekk
ei dotter. Då sagde han til honom: «Lat henne heita
Lo-Ruhama! For eg kjem ikkje lenger til å miskunna
Israels hus, so eg tilgjev deim. **7** Men Judas hus
miskunnar eg og let deim verta frelste av Herren, deira
Gud. Men med boge og sverd og krig, med hestar og
ridarar frelser eg deim ikkje.» **8** Då ho hadde vant av
Lo-Ruhama, vart ho med barn att og fekk ein son. **9**
Då sagde han: «Lat honom heita Lo-Ammi! For de
er ikkje mitt folk, ikkje heller skal eg høyra dykk til.»
**10** Men talet på Israels born skal vera som sanden
på havsens strand, den som ikkje kann mælast eller
teljast. Og det skal verta so, at der ein fyrr sagde til
deim: «De er ikkje mitt folk, » der skal ein segja til
deim: «Borni åt den livande Gud.» **11** Og Juda-borni
og Israels-borni skal fylkja seg saman og velja seg ein
konge og fara upp or landet. For stor er Jizre'els dag.

**2** Seg då til brørne dykkar: «Ammi»! og til systerne
dykkar: «Ru-hama»! **2** Skjem på mor dykkar, skjem!
For ho er ikkje kona mi, og eg er ikkje mannen hennar.
Lat henne få burt horebragderne or andlitet sitt og
lauslynde-merket frå barmen sin! **3** Elles skal eg klæda
av henne, so ho ligg naki: Eg skal te henne fram som
den dagen ho vart fødd. Eg skal gjera henne lik ei
øydemark og ei turr-audn, og lata henne døy av torste.
**4** Og borni hennar, ikkje vil eg miskunna deim; for
horeborn er dei. **5** For mor deira var ei horkvinna, ho
som fekk deim, for skamleg åt, med di ho sagde: «Eg
vil fara etter elskarane mine. For dei gjev meg maten
min og drykken min, ulli mi og linet mitt, oljen min og
vinen min.» **6** Sjå, difor stengjer vil eg stengja vegen
din med tornar. Ja, ein mur skal eg setja upp framfyre
henne, so ho ikkje skal finna stigarne sine. **7** Når ho då
renner etter elskarane sine, skal ho ikkje nå i deim, når
ho leitar etter deim, skal ho ikkje finna deim. Då skal ho
segja: «Eg vil attende til den fyrste mannen min. For
betre hadde eg det då enn no.» **8** Og ho, ikkje skyna
ho at det var eg som gav henne kornet og druvesafti
og oljen, og som var storgjæv imot henne med sylv
og med gull, som dei nytta ut for Ba'al. **9** Difor skal
eg taka att kornet mitt når korntidi kjem, og druvesafti
mi i rette stundi, og taka burt ulli mi og linet mitt, det
som ho skulde løyna blygsli si med. **10** Ja, no skal
eg nækja blygsli hennar beint for augo på elskarane
hennar, og ingen skal berga henne or mi hand. **11**
Og eg skal gjera ende på all kjæta hennar, på gildi
hennar, nymånarne og kviledagarne og alle høgtiderne
hennar. **12** Eg skal øyda vintrei og fiketrei hennar, som
ho sagde um: «Dei er meg ei løn som elskarane mine
gav meg.» Og eg skal gjera deim til villkjør som villdyri
skal eta av. **13** Soleis skal eg refsa henne for Ba'als-
dagarne hennar, då ho brende røykjelse for deim og
prydde seg med nasering og bringespenne og for etter
elskarane sine, men gløymde meg, segjer Herren. **14**
Difor skal de vita at eg vil lokka henne burt og leida
henne ut i villmarki, so eg kan få tala hjarteord med
henne. **15** So vil eg derifrå gjeva henne att vinhagarne
hennar, og gjera Akordalen til eit vonarled. Der skal ho
syngja som i ungdomsdagarne sine, og som då ho
for upp frå Egyptarlandet. **16** Og den dagen, segjer
Herren, kjem det til å verta so at du ropar til meg:
«Mannen min!» Og du skal ikkje meir ropa til meg:
«Ba'al min!» **17** Ja, Ba'als-namni vil eg taka reint ut or
munnen hennar, so dei aldri skal nemnast meir. **18**
Den dagen gjer eg for deim ei pakt med dyri på marki,
med fuglarne under himmelen og med kreket på jordi.
Og boge og sverd og krig bryt eg sund. Eg skal få det
reint ut or landet, og lata deim bu trygt. **19** Og eg vil
trulova meg med deg til æveleg tid. Eg vil trulova meg
med deg i rettferd og rett, i nåde og miskunn. **20** Ja, i
truskap vil eg trulova meg med deg, og du skal kjenna
Herren. **21** Og den dagen kjem det til å verta so at eg
bønhøyrer, segjer Herren, eg bønhøyrer himmelen, og
han bønhøyrer jordi. **22** Og jordi skal bønhøyra kornet
og druvesafti og oljen, og dei skal bønhøyra Jizre'el.
**23** Og plantar meg henne i landet og miskunnar Lo-
Ruhama, og eg segjer til Lo-Ammi: «Folket mitt er du!»
og ho, ho skal segja: «Min Gud!»

**3** Og Herren sagde til meg: «Gakk ein gong til stad og
elska ei kvinna som hev ein elskar og er ei lauslyndt
kvinna, liksom Herren elskar Israels-borni, endå dei
vender seg til andre gudar og elskar druvekakor!» **2**
Og eg kjøpte meg ei slik kvinna og gav for henne
femtan sylvdalar og tri tunnor bygg og attpå halvonnor
tunna bygg. **3** So sagde eg til henne: «I mange dagar
vert du no sitjande for meg og fær ikkje gjera hor eller
hava med nokon annan mann å gjera. So skal eg og
taka det sameleis med deg.» **4** For i mange dagar skal

Israels-borni sitja utan konge og hovding, utan ofring
og bilætsulor, utan messehakel og husgudar. 5 So
skal Israels-borni venda um og søkja Herren, sin Gud,
og David, kongen sin. Og bivrande skal dei koma til
Herren og til hans velsigning i dei seinste dagar.

4 Høyr Herrens ord, de Israels-born! For Herren
hev sak med deim som bur i landet, av di det
ingen truskap finst i landet, og ingen kjærleik og ingen
kjennskap til Gud. 2 Dei sver og lyg, dei drep og stel
og driv hor. Dei fer med vald, og blodverk fylgjer på
blodverk. 3 Difor ligg landet i sorg, og alt som bur
i det, sjuknar burt, både dyri på marki og fuglarne
under himmelen. Jamvel fiskarne i havet set til. 4
Like vel skal ingen skjella og ingen refsa; for folket
ditt er liksom dei som trettar med ein prest. 5 Ja, du
skal falla um dagen, og profeten skal falla med deg
um natti, og mor di tynar eg. 6 Det er ute med folket
mitt, av di det vantar kunnskap. Etter di du hev vanda
kunnskap, so skal eg og vanda deg, so du ikkje vert
min prest. Og etter di hev gløymt lovi åt din Gud, so
skal eg og gløyma borni dine. 7 Di fleire dei vart, di
meir synda dei mot meg. Men deira heider skal eg
snu um til vanheider. 8 Av mitt folks synd nærer dei
seg, og til misgjerningi deira stend deira hug. 9 Men
no skal det ganga med presten som folket. Eg skal
straffa deim for deira ferd, og gjeva deim att for deira
gjerd. 10 Og eta skal dei og ikkje mettast, hora og ikkje
meirast, av di dei hev slutta med å agta på Herren. 11
Horeliv og vin og mjød tek vitet burt. 12 Folket mitt
spør stokken sin til råds, og hentar seg rettleiding av
sin stav. For ei hordoms ånd hev villa deim, so dei
med hor dreg seg burt ifrå sin Gud. 13 Øvst uppå
åsarne ofrar dei, og på kollarne brenner dei røykjelse,
under eik og poppel og terebinta, av di skuggen der er
god. So vert døtterne dykkar skjøkjor og sonekonorne
dykkar horkonor. 14 Likevel refsar eg ikkje døtterne
dykkar for at dei er skjøkjor eller sonekonorne dykkar
for at dei er horkonor. For mennerne sjølve løyner
seg av med horkonor og ofrar med tempelskjøkjor.
Soleis fer eit fåvitugt folk til sin undergang. 15 Um no
du Israel vil halda på med ditt horeliv, so må då ikkje
Juda skuldbinda seg soleis. Kom då ikkje til Gilgal, og
far ikkje upp til Bet-Aven, og sver ikkje: «So sant som
Herren liver.» 16 Um Israel stritar imot som ei balstyri
ku, so skal Herren på hyrdingvis no føra deim som
lamb på vidåtta. 17 Bunden til avgudsbilæte er Efraim.
So fær han då fara! 18 Drikkinga deira er måtelaus.
Hegdelaust driv dei sitt horeliv. Skjoldarne hennar
elskar det som skamlegt er. 19 Med eit stormver skal
gripa deim med vengjerne sine, og dei skal verta til
skammar med ofringarne sine.

5 Høyr dette, de prestar, og gjev gaum, du Israels
hus, og du kongehus, legg øyra til! For dykk gjeld
domen. For det hev vore ei snara åt Mispa, og eit
utspila net på Tabor. 2 Med ei offerslagting hev dei
sokke berre djupare ned i villa. Men eg skal verta eit
tukteris åt deim alle i hop. 3 Eg kjenner Efraim, og
Israel er ikkje løynt burt ifrå meg. For du Efraim hev
drive hor, og Israel hev sulka seg til. 4 Gjerningarne
deira let deim ikkje få venda um til deira Gud, av
di dei hev ei hordoms ånd i bringa si, og Herren,
honom kjenner dei ikkje. 5 Men Israels storlæte vitnar
imot honom, og Israel og Efraim skal stupa for si
misgjerning. Juda skal og falla med deim. 6 Um dei
fer av stad med sitt småfe og sitt storfe og skal søkja
Herren, so finn dei honom ikkje. Han hev drege seg
ifrå deim. 7 Mot Herren hev dei vore utrue. For dei hev
født born som ikkje er hans. Difor skal no ein nymåne
eta deim upp med alt det dei eig. 8 Blås i lur i Gibea,
i trompet i Rama! Blås alarm i Bet-Aven! Etter deg,
Benjamin! 9 Efraim skal øydast på refsingsdagen. Mot
Israelsfylki varslar eg det visse. 10 Juda hovdingar hev
vorte liksom dei som flyt deilder. Yver deim skal eg
ausa ut vreiden min som vatn. 11 Efraim vert nedkua,
retten hans rana. For han hev teke på med å fara etter
menneskjebod. 12 Og eg - som mol er eg no for Efraim
og som beinåt for Judas hus. 13 Og Efraim hev gått
sjukdomen sin og Juda såret sitt. Difor hev Efraim fare
til Assur og sendt bod til kong Jareb. Men han kann
ikkje gjera dykk gode att, og såret dykkar vert ikkje
lækt. 14 For eg, som ei løva er eg mot Efraim og som
ei ungløva mot Juda hus. Og eg, ja eg riv sund og fer
min veg med det, og ikkje finst den som kann berga.
15 Eg gjeng min veg attende til min stad, til dess dei
hev lide det dei hev fortent, og so fer til å søkja mi
åsyn. I si naud skal dei leita etter meg.

6 «Kom, lat oss venda um til Herren! For det er han
som hev såra, og han vil lækja oss. Han slo, men
vil og fetla oss. 2 Han skal gjera oss livande um tvo
dagar, den tridje dagen skal han reisa oss upp att,
og me skal liva framfor hans åsyn. 3 So lat oss læra
å kjenna, ja, lat oss strida for å læra kjenna Herren!
Han renn upp so visst som morgonroden. Og han kjem
nedyver oss som regnet, som eit vårregn som væter
jordi.» 4 Kva skal eg gjera med deg, Efraim? Kva skal
eg gjera med deg, Juda? For kjærleiken dykkar er som
ei morgonsky, liksom doggi som tidleg kverv. 5 Difor
hev eg gjeve hogg ved profetarne. Eg hev drepe deim
med min munns ord, og domarane dine for ut som
ljoset. 6 For eg hev hug til kjærleik og ikkje til slagtoffer,
og til Guds-kunnskap meir enn til brennoffer. 7 Men
dei hev brote pakti som Adam. Der hev dei vore utrue
mot meg. 8 Gilead er ein by for illgjerningsmenner, full

av blodfar. 9 Og som ein røvarflokk som ligg på lur
etter folk, er heile prestehopen; dei drep på vegen til
Sikem. Ja, skamlaust fer dei åt. 10 I Israels hus hev
eg set gruvelege ting. Der driv Efraim på med hor,
sulkar Israel seg til. 11 Ogso for deg, Juda, er tiletla ei
skurdonn, når eg vender mitt folks lagnad.

7 Når eg vil lækja Israel, då kjem misgjerningi åt
Efraim og vondskapen åt Samaria til synes. For
dei driv med fals, og tjuv bryt seg inn, og rekarfant
plundrar på vegarne. 2 Og dei segjer ikkje med seg
sjølve seg at eg minnast all deira vondskap. No er
dei ringa inne av sine eigne gjerningar, dei er komne
framfyre mi åsyn. 3 Med vondskapen sin fegnar dei
kongen, og hovdingarne med lygnerne sine. 4 Alle i
hop er dei horkarar. Dei likjest ein omn som bakaren
hitar upp. Han held upp med eldingi frå di han knodar
deigen til dess ho er syrt. 5 På dagen åt kongen vår
drikk hovdingarne seg sjuke på heit vin. Sjølv tek han
spottarar i handi. 6 Når dei med meinråderne sine hev
elda hugen sin som ein omn, søv bakaren deira heile
natti. Um morgonen brenn han som logande eld. 7
Alle i hop er dei heite som ein omn og brenner upp
domarane sine. Alle kongarne deira fell, og det er
ingen av deim som kallar på meg. 8 Efraim, med folki
mengjer han seg. Efraim hev vorte som ei kaka som
ikkje er vend. 9 Framande hev tært upp krafti hans, og
han skyner inkje. Um håret hans hev vorte gråsprengt,
so skynar han inkje. 10 Men Israels ovmod vitnar imot
honom midt uppi syni. Dei vender ikkje um til Herren,
sin Gud, og ikkje søkjer dei honom, tråss i alt dette.
11 Efraim hev vorte som ei fåvis duva som inkje veit.
Egyptarland ropar dei på, til Assur fer dei. 12 Men best
som dei fer av stad, breider eg netet mitt utyver deim
og dreg deim ned, liksom ein gjer med fuglarne i lufti.
Eg skal tukta deim, som lyden deira alt hev høyrt. 13
Usæle dei, at dei flaug ifrå meg! Øyding yver deim, av
di dei hev svike meg! Og eg, utløysa deim vilde eg.
Men dei, ljugartale hev dei fare med imot meg. 14 Og
ikkje ropar dei til meg av hjarta; dei berre jamrar seg
på sengjerne sine. For korn og druvesaft samlar dei
seg, medan dei vender seg frå meg. 15 Det var eg
som lærde deim upp, og som styrkte armarne deira.
Men imot meg hev dei ilt i hugen. 16 Dei vender um,
men ikkje uppetter. Dei er liksom ein sviksam boge.
Falla for sverd skal hovdingarne deira for si hatige
tunga skuld. For det vert dei hædde i Egyptarlandet.

8 Til munnen din med luren! Som ein ørn yver Herrens
hus! av di dei hev brote mi pakt og falle frå mi lov. 2
Dei ropar til meg: «Min Gud! Me, Israel, kjenner deg!»
3 Men av di Israel hev støytt frå seg det som godt er,
skal fienden elta honom. 4 Dei, kongar valde seg som
ikkje var ifrå meg. Hovdingar tok dei seg, og eg fekk
ikkje vita um det. Av sylvet sitt og gullet sitt gjorde
dei seg gudebilæte, so dei skulde verta utrudde. 5
Ufyseleg er kalven din, Samaria! Harmen min logar
imot deim. Kor lenge skal det vara at dei ikkje kann
tola reinleik? 6 For frå Israel er kalven komen. Ein
meister hev laga honom, og nokon gud er han ikkje.
Difor skal Samariakalven smuldrast i smått. 7 For vind
sår dei, og storm skal dei hausta. Avling skal dei ikkje
få, grøda skal ikkje gjeva føda, og um ho det gjer, skal
framande eta det upp. 8 Gløypt vert Israel. Millom folki
er dei alt som ein verdlaus ting. 9 For dei hev fare upp
til Assur liksom eit villasen som gjeng sin eigen veg.
Efraim tingar um elsk. 10 Men kor so dei tingar millom
folki, so skal no eg like vel klemba deim i hop og lata
deim få ei låk tid under storkongens trælking. 11 Av di
Efraim hev gjort seg so mange altar til synd, so skal og
altari hans verta honom til synd. 12 Um eg skriv lover
åt han i titusundtal, so reknar han deim berre som
framande lover. 13 Til slagtoffergåvor åt meg ofrar dei
kjøt som dei et - Herren hev ikkje hugnad i deim. No
kjem han i hug misgjerningarne deira og heimsøkjer
deira synder. Dei skal fara attende til Egyptarland. 14
Og etter di Israel hev gløymt skaparen sin og bygt seg
borgar, og Juda hev sett seg upp mange borgfaste
byar, so skal eg senda eld mot byarne hans, og han
skal øyda borgerne hans.

9 Gled deg ikkje, Israel, med fagnad liksom folki,
av di du hev drive på med hor og dermed kome
burt ifrå din Gud, du som hev havt din hugnad i
skjøkjeløn på alle korn-treskjarstader. 2 Treskjestaden
og vinpersa skal ikkje kunna næra deim, og druvesafti
skal mislukkast for deim. 3 Ikkje skal dei få bu i
Herrens land. Men Efraim skal attende til Egyptarland,
og i Assur skal dei eta det som ureint er. 4 Dei
skal ikkje renna ut vin til drykkoffer for Herren, og
ikkje skal slagtofferi deira vera hugsame for honom;
som syrgjebrød for deim. Alle som et av det, skal
verta ureine. For brødet sitt hev dei berre for seg
sjølve, det kjem ikkje i Herrens hus. 5 Kva skal de
so gjera på helgedagen, på Herrens høgtidsdag? 6
For de skal vita at um dei slepp undan avøydingi, so
vert det Egyptarlandet som samlar deim, Mof som
fær å jorda deim. Sylvet deira, det dyre, skal netlor
eiga, tistel veksa i tjeldbuderne deira. 7 Dei kjem,
heimsøkjingsdagarne, dei kjem, attergjeldsdagarne.
Det fær nok Israel vita. Ein dåre er profeten, vitlaus
er åndsmannen, for di store misgjerning skuld, og
for din sterke fiendskap. 8 Ein lurar er Efraim imot
min Gud. Profeten - fuglefangarsnara på alle hans
vegar, fiendskap i gudshuset hans! 9 Djupt i used
hev dei sokke som i Gibea-dagarne. Men han hugsar

misgjerningi deira, han heimsøkjer deira synder. **10** Liksom druvor i villmarki fann eg Israel. Som frumsefrukt
på fiketre i den fyrste bering såg eg federne dykkar. Men
dei kom til Ba'al-Peor, og vigde seg til skjemdarguden,
og dei vart til styggedom liksom han som dei elska. **11**
Efraim - som ein fugl skal herlegdomen hans fljuga
burt. Ingen skal få born meir, ingen vera med barn, og
ingen verta umhender. **12** For um dei el upp borni sine,
so gjer eg deim barnlause, so det ikkje finst menneskje
att. Ja, usæle er og dei sjølve når eg gjeng ifrå deim!
**13** Efraim, som eg ser honom alt burt til Tyrus, er planta
på ein eng. Men Efraim skal verta nøydd til å føra
borni sine ut til rettarmannen. **14** Gjev deim, Herre!
Kva skal du gjeva deim? Gjev deim moderfang som
føder i utid, og brjost som turkast upp. **15** All deira
vondskap er samla i Gilgal. Ja, der fekk eg hat til deim.
For deira vonde åtferd skuld vil eg driva deim ut or mitt
hus. Ikkje skal eg elska deim lenger. Alle deira førarar
er upprørarar. **16** Stungen er Efraim, roti deira turka,
frukt skal dei ikkje bera. Og um dei fær born, drep eg
den dyre livsfrukti deira. **17** Min Gud skal støyta deim
burt; for ikkje lydde deim på honom, og dei skal flakka
heimlause ikring millom folki.

**10** Eit rikt vintre er Israel og ber frukt. Men di meir
frukt han fekk, di meir auka han talet altari sine.
Di betre det gjekk for landet hans, di betre gjorde han
minnesteinarne. **2** Hjarto deira var falske, no skal dei få
bøta. Han skal brjota ned altari deira og slå sund deira
minnesteinar. **3** Ja, no skal dei segja: «Ingen konge
hev me, for me hev ikkje ottast Herren. Og kongen,
kva kann vel han gjera for oss?» **4** Tala tome ord,
sverja falskt, gjera semja! Og domen renn upp som
beiskt ugras på åkerforerne. **5** For kalven i Bet-Aven
er Samaria-buarne ottefulle. Ja, folket hans syrgjer
yver honom, og prestarne hans skjelv for honom, for
herlegdomen hans, av di han er førd burt ifrå honom.
**6** Han sjølv skal førast til Assur, ei gåva til kong Jareb.
Skam skal Efraim henta seg, skjemmast skal Israel
for rådgjerdi si. **7** Ute er det med Samaria-kongen,
som ei treflis på vatnet rek han av. **8** Øydast skal
Avens offerhaugar, Israels synd. Torn og tistel skal
renna upp på altari deira. Og dei skal segja til fjelli:
«Gøym oss!» og til haugarne: «Velt dykk yver oss!» **9**
Radt ifrå Gibea-dagarne hev du synda, Israel! Der hev
du stade. Skulde han ikkje nå deim i Gibea, krigen
mot nidingarne? **10** Når eg hev hug til det, tuktar eg
deim. Og folki samlar seg imot deim og bind deim fast
til tvifalds-syndi deira. **11** Og Efraim er ei tamd kviga
som likar å treskja. Og eg hev spart den fagre halsen
hennar. No vil eg leggja oket på Efraim. Juda skal
pløgja, Jakob skal horva. **12** Så åt dykk som rettferd
krev, hausta etter kjærleiks lov! Brjot dykk nybrot! For
det er tid til å søkja Herren, so han kann koma og lata
rettferd regna yver dykk. **13** De hev pløgt gudløysa,
rettløysa hev de hausta. De hev ete lygjefrukt, med di
du hev sett lit til vegen din, til mengdi av kjemporne
dine. **14** Med det reiser seg ein stridsdun millom fylki
dine, og alle borgfesti dine skal falla, liksom Bet-Arbel
vart lagt i øyde av Salman den stridsdagen då dei
krasa både mor og barn. **15** Slikt skal Betel føra yver
dykk for dykkar store vondskap. Når morgonen rodar,
er det ute, ute med Israels-kongen.

**11** Då Israel var ung, hadde eg honom kjær, og ut or
Egyptarland kalla eg son min. **2** Di meir dei kalla
på deim, di meir gjekk dei burt ifrå deim. Åt Ba'alarne
ofrer dei, åt bilæti brenner dei røykjelse. **3** Og det var
då eg som lærde Efraim å ganga, tok deim på armarne
mine. Og ikkje skyna dei at eg lækte deim. **4** Med
menneskjesnorer drog eg deim, med kjærleiksband.
Og eg var deim som dei som lettar oket yver kjakarne
deira, og eg bøygde meg ned til honom og let honom
få mat. **5** Han skal ikkje fara attende til Egyptarland;
men Assur, han skal vera kongen hans, for dei vilde
ikkje venda um. **6** Og sverd skal rasa i byarne hans og
brjota bommarne hans og eta ikring seg - for deira
uråder skuld. **7** Og folket mitt er huga på fråfall frå
meg. Og um ein kallar deim til det høge, so er det
ingen som lettar på seg. **8** Korleis skal eg nenna gjeva
deg upp, Efraim? Korleis skal eg lata deg fara, Israel?
Kann eg nenna gjeva deg upp som Adma, gjera med
deg som med Sebojim? Hjarta mitt vrid seg i meg, all
mi vårkunn vaknar. **9** Eg vil ikkje lata deg kjenna min
brennande harm. Ikkje vil eg atter tyna Efraim. For
Gud er eg og ikkje eit menneskje. Heilag er eg midt i
deg, og med vreide vil eg ikkje koma. **10** Etter Herren
skal dei då fylgja, som ei løva skal han bura. Ja, han
skal bura, og bivrande skal born koma frå havet. **11**
Bivrande skal dei koma som fuglar frå Egyptarland og
som duvor frå Assurs land. Og eg vil lata deim bu i
husi sine, segjer Herren. **12** Efraim hev ringa meg inn
med lygn, og Israels hus med svik. Og Juda er alljamt
agelaus imot Gud, mot den Heilage, den Trufaste.

**12** Efraim stundar etter vind, og jagtar etter
austanver. All dagen aukar det på med lygn og
vald. Samband med Assur gjer dei, og olje fører dei til
Egyptarland. **2** Men Herren fører sak med Juda, og
vil heimsøkja Jakob for åtferdi hans, betala honom
etter gjerningarne hans. **3** I morslivet heldt han bror
sin i hælen, og i si manndomskraft drogst han med
Gud. **4** Ja, han drogst med engelen og vann, han gret
og bad honom um nåde. I Betel fann han honom,
og der tala han med oss. **5** Og Herren, allhers Gud
- «Herren» er hans ærenamn. **6** Og du, til din Gud

skal du venda um. Hald fast på kjærleik og rett! Og
bia stødt på din Gud! 7 Kana'an, i handi hans er falsk
vegt. Å gjera urett likar han. 8 So segjer og Efraim:
«Eg hev då vorte rik, eg hev vunne meg midel. Kva eg
so strævar med, so skal dei då ikkje finna hjå meg
nokon urett som er synd.» 9 Men eg er Herren din
Gud, alt ifrå Egyptarland, eg vil endå lata deg bu i
tjeldbuder liksom i høgtidsdagarne. 10 Og eg hev tala
til profetarne, og eg, syner i mengd hev late deim sjå,
og gjenom profetarne hev eg tala i liknader. 11 Er no
Gilead eit illgjerdsreir, so skal dei verta berre fåfengd.
Ofrar dei uksar i Gilgal, so skal og altari deira verta
som steinrøysar innmed forerne på marki. 12 Og Jakob
rømde til Aramsletta, og Israel træla for ei kona - og
for ei kona gjætte han. 13 Men ved ein profet førde
Herren Israel frå Egyptarland, og ved ein profet gjætte
han honom. 14 Sår harm hev Efraim valde. Difor skal
Herren hans lata blodskuldi hans koma yver honom, og
han skal venda hans skjemdarferd mot honom sjølv.

**13** Når Efraim tala, vart dei fælne. Høg var han i
Israel. Men han vart saka med Ba'al og døydde.
2 Og no held dei på med si synd. Og dei gjer seg
støypte bilæte av sylvet sitt, avgudar etter sitt eige
vit, handverksarbeid alt saman. Til slike talar dei.
Menneskjeslagtarar kysser kalvar. 3 Difor skal dei
verta som morgonskyi, som doggi som tidleg kverv,
liksom agner som vinden fyk burt ifrå treskjarstaden,
og liksom røyk or ein ljore. 4 Men eg er Herren, din
Gud, alt frå Egyptarland. Nokon annan Gud enn meg
veit du ikkje av. Og nokon annan frelsar enn eg finst
ikkje. 5 Det var eg som kjendest ved deg i øydemarki,
i det turre landet. 6 Etter som beitet deira var, vart dei
mette. Då dei var mette, vart dei høge i sin hug. Difor
gløymde dei meg. 7 Då vart eg deim liksom ei løva.
Som ein pantar lurer eg innmed vegen. 8 Eg kjem
yver deim som ei binna som dei hev teke ungarne
ifrå, og riv sund bringa deira. Eg gløypar deim som ei
løvemor. Villdyr skal slita deim sund. 9 Du hev tynt
deg, Israel, med di du er imot meg, di hjelp. 10 Kvar er
no kongen din, at han kann syta for frelsing åt deg
i alle byarne dine? Og kvar hev du domarane dine,
som du sagde um: «Lat meg få konge og hovdingar?»
11 Ja, ein konge skal eg gjeva deg i min vreide, og
so tek eg honom burt i min harm. 12 Samanbundi
er misgjerningi hans Efraim, og syndi hans gøymd.
13 Rider som hjå ei fødande kvinna skal koma yver
honom. Han er ein son som ikkje er vis. For når stundi
er der, kjem han ikkje fram i fødsli. 14 Or helheims vald
vil eg fria deim, frå dauden vil eg løysa deim ut. Kvar
er di sott, du daude? Kvar er di tyning, du helheim?
Anger er løynd for augo mine. **(Sheol h7585)** 15 For han,
millom brørne sine stend han lavande av frukt; det
kjem ein austanvind, eit Herrens ver, farande upp ifrå
øydemarki. Då turkar brunnen hans upp, og kjelda
hans tryt. Han ranar skatten, alle slag kostnadting. 16
Bøta skal Samaria, av di det hev vore tråssugt imot sin
Gud. For sverd skal dei falla, småborni deira skal verta
krasa, og dei kvinnor som er med barn, skal ristast
upp.

**14** Vend um, du Israel, til Herren, din Gud! For med
di misgjerning hev du ført deg i fall. 2 Tak med
dykk ord, og vend um til Herren! Seg til honom: «Forlat
all misgjerning og tak imot det som godt er, lat oss
betala med uksar - med våre lippor! 3 Assur skal
ikkje frelsa oss. På hestar skal me ikkje rida. Og ikkje
meir skal me segja: «Vår Gud!» til det som henderne
våre hev gjort. For hjå deg er det at den faderlause
fær miskunn.» 4 Ja, deira fråfall vil eg lækja. Eg vil
elska deim av fri hug, av di vreiden min hev vendt seg
ifrå deim. 5 Eg skal vera som dogg for Israel. Bløma
skal han som ei lilja, og røtast skal han som Libanon.
6 Renningarne hans skal spreida seg, og skal vera
som eit oljetre i fagerleik, og anga som Libanon. 7
Dei som bur i skuggen hans, skal atter avla korn og
bløma som vintreet. Minnet um honom skal vera som
vin ifrå Libanon. 8 Men du, Efraim! Kva skal eg med
avgudarne meir? Eg bønhøyrer og ser til honom. Eg er
som eit grønt cypresstre. Frå meg skal di frukt vera å
finna. 9 Den som er vis, han agte på dette, den som er
vitug, merke seg det! For Herrens vegar er rette, og
rettvise ferdast på deim, men illgjerdsmenner stuper
på deim.

# Joel

**1** Herrens ord som kom til Joel Petuelsson. **2** Gjev
gaum åt dette, de som gamle er. Og lyd på det
kvar som bur i landet! Hev sovore hendt i dykkar tid,
eller i dykkar fedra-tid? **3** Fortel det til dykkar born,
og dykkar born til sine born, og deira born til ei ætt
som kjem! **4** Det som gnagaren leivde, åt grashoppen
upp. Det som grashoppen leivde, åt bitaren upp. Det
som bitaren leivde, åt etaren upp. **5** Vakna, de drukne,
og gråte, jamra, vindrikkarar alle! For druvesafti er
rivi dykk frå munn. **6** Eit folk hev fare yver landet
mitt, veldugt og utan tal, med tenner som løvetenner,
dei jakslar som løvor hev. **7** Vintrei mine er tynte og
fiketre brotne ned, dei hev flekt deim reint og hivt
deim, det heng kvite greiner på. **8** Klaga som ei møy
som syrgjeklædd gjeng yver sin ungdoms brudgom.
**9** Grjon- og drykkoffer er kvorvne frå Herrens hus,
prestarne syrgjer, Herrens tenarar. **10** Åkrar er øydde,
jordi jamrar. For øydt er kornet, vinsafti magtlaus, oljen
er kvorven. **11** Bonden er magtstolen, vindyrkar rådlaus
for kveite og bygg, grøda på marki er tynt. **12** Vintre
er mergstolne, fiketre folna. Granattre og palma og
apall, alle tre hev turka burt. Ja, fagnaden er stolen
frå mannaheim. **13** Syrgjeklædde klage, de prestar!
Jamra dykk, de som tener ved altaret! Gakk inn og
vake syrgjeklædde, de min Guds tenarar! For burte
frå dykkar Guds hus er grjon- og drykkoffer. **14** Lys ut
fasta og heilag samling, få dei gamle i hop, ja alle som
bur i landet, til Herren, dykkar Guds hus! Til Herren de
ropa må. **15** Å hå for ein dag! Nær er Herrens dag.
Som vald ifrå Allvald han kjem. **16** Strauk ikkje maten
burt med me såg på, frå Guds hus gleda og frygd?
**17** Kornet turkar burt under jordskorpa. Tome er buri,
lødorne øydest. Ja, kornet turkar burt. **18** Kor buskapen
rautar! Rådlaus er kvar bøling; for ikkje beite dei finn,
sauerne jamvel lyt bøta. **19** Til deg, Herre, ropar eg.
For elden han åt hamni på heidi, og logen leika i ved
og i tre. **20** Jamvel dyri i marki etter deg mun stynja,
for turre er bekkjefari. Og elden han åt hamni på heidi.

**2** Lat luren ljoma på Sion! Skrik høgt på mitt heilage
fjell! Skjelve, alle i mannaheimen! Koma skal
Herrens dag, ja, han er nær. **2** Ein dag med myrker
og dimma, ein dag med skodda og sky, som ein
morgongråe er eit tallaust folk breidt yver fjelli. Du liken
aldri ser frå æva som var, og aldri i åri til komande ætter.
**3** Framfyre et elden upp; og etter kjem brennande
logen. Som Edenshagen var landet framfyre og etterpå
snaudaste heidi. Å berga noko nyttar ikkje her. **4** Som
øykjer er dei å sjå til, som stridshestar tråvar dei fram.
**5** Liksom glamrande vogner fer dei yver alle fjell. Det
susar og brusar, som når eld sleikjer strå, som ei
veldug herfylking samla til strid. **6** Støkken tek folk ved
syni, alle andlit skiftar lit. **7** Som kjempor rusar dei i
veg, liksom stridsmenner stormar dei murar. Kvar ein
på si leid sturtar fram, og aldri dei krøkjer sin veg. **8**
Ingen trengjer den andre burt, kvar hev si eigi braut,
tvert gjenom våpni, og ho brest ikkje rekkja. **9** Inn i
byen dei stormar, stig upp på muren, gjeng inn i husi,
og inn gjenom vindaugo bryt dei seg som tjuvar. **10**
Jordi fyre deim skjelv, himlarne bivrar, sol og måne dei
svartnar, medan stjernorne løyner sin glans. **11** Og
Herren let høyra sitt mål framfyre si fylking, for ovstor
er hans herlæger, veldug hans ærendsvein er. Ja, stor
er Herrens dag og skræmeleg, kven held honom ut?
**12** Men no og det gjeld, so mæler Herren, vend um til
meg med heile dykkar hjarta, med fasta og gråt og
med klaga. **13** Riv sund dykkar hjarta og ei dykkar
klæde, vend um til Herren dykkar Gud! For han er
nådig og hugmild er han, hev tolugt sinn, er rik på
miskunn, han angrar det vonde. **14** Ja, kven veit? Han
snur og angrar, og han legg etter seg velsigning, grjon-
og drykkoffer for Herren, dykkar Gud. **15** Blås i luren
på Sion, haldt fastehelg, lys heilag samling! **16** Samla
folket! Vigsle lyden! Få i hop dei gamle, samla dei
små, ja, borni på fanget! Brudgomen gange or sitt hus
og bruri frå stova si! **17** Millom forhall og altar skal
dei gråta prestarne, Herrens tenarar, og segja: «Spar,
Herre, folket ditt, og ikkje du gjere din eigen lyd til eit
spottord, til eit ordtak millom folki! Kvi skal dei segja
millom folki: «Kvar er deira Gud?»» **18** Då gløddest
Herren upp for sitt land, og han sparde sitt folk. **19**
Herren svara og tala til sitt folk: Sjå, eg vil senda til
dykk både korn og saft og olje, so de kann mettast av
det. Og ikkje vil eg gjera dykk meir til spott millom folki.
**20** Norderheren driv eg langt burt ifrå dykk. Eg skal
støyta honom ut i eit turt og øyde land, hans fortropp til
havet i aust, hans baktropp til havet i vest. Og vondt
skal det dåma, ja ilt skal det tevja. For storverk hev
han gjort. **21** Ikkje ottast, du land, men gled deg og ver
sæl! For storverk hev Herren gjort. **22** Ikkje ottast, du
fe på marki, for no grønast graset på heidi. Og trei
ber frukt, fiketre, vintre gjev no si kraft. **23** Og Sions
søner, fagna og frygda dykk i Herren, dykkar Gud! For
han gjev åt dykk læraren til rettferd; so sender han
dykk haustregn og vårregn som fyrr. **24** Og fyllast skal
låvarne med korn, og persorne fløyma med vinsaft og
olje. **25** Og skadebot gjev eg for grøda som tyntest
av grashoppen, bitaren, etaren, gnagaren, min store
her, som eg sende imot dykk. **26** Og de skal få nøgdi
eta og mettast. Og då skal de lova namnet åt Herren
dykkar Gud, han som hev underleg stelt med dykk,
og ikkje skal folket mitt æveleg skjemmast. **27** Og de

skal merka at eg bur midt i Israel, og at eg er Herren,
dykkar Gud, og ingen annan, og ikkje skal folket mitt
æveleg skjemmast. 28 Og sidan henda det skal: Eg
renner min ande yver alt kjøt. Dykkar søner og døtter
skal tala profetord; dei gamle hjå dykk skal draumar
drøyma, gutarne dykkar skal syner sjå. 29 Ja, og yver
trælar og trælekvende eg renner min ande i dagarne
dei. 30 Under eg gjer på himmel og på jord, blod og
eld og kvervlande røyk. 31 Soli skal verta til myrker
og månen til blod, fyrr han kjem, Herrens dag, den
store og skræmelege. 32 Men kvar ein som kallar på
Herrens namn, bergast skal han. For på Sions fjell
og i Jerusalem skal finnast ein flokk av frelste som
Herren hev sagt, og til den utfria flokken høyrer dei
som Herren kallar.

3 For sjå, i dei dagarne og det bilet, då eg vender
lagnaden for Juda og Jerusalem, 2 då vil eg samla
alle folki og føra deim ned i Josafatsdalen og der halda
dom yver deim for mitt folk og min eignalut Israel skuld,
som dei spreidde millom folki, og mitt land hev dei
bytt. 3 Um mitt folk drog dei strå, gav ein gut for ei
skjøkja, og ei gjenta selde dei for vin, og so drakk dei.
4 Og kva vil det meg, Tyrus og Sidon og Filistar-bygder
alle? Er det attergjeld mot meg det vil, eller vil de gjera
meg eitkvart? Ovleg brått dykkar verk eg vender imot
dykk sjølve, 5 De som sylvet og gullet mitt tok, og
eignaluter mine so fagre til dykkar tempel førde. 6 Og
Judas og Jerusalems søner de selde til Javans søner,
til å førast so langt burt ifrå sitt land. 7 ropar deim
fram att frå den staden der de hev selt deim. Dykkar
verk eg vendar imot dykk sjølve. 8 Eg skal dykkar
søner og døtter til Juda-sønerne selja; derifrå skal dei
til sabæarane gå, eit folk so langt undan. For Herren
hev tala. 9 Lat heidningar det høyra! Til herferd vigje
dykk! Lat kjemporne koma! Gange fram! Stige fram alle
herføre hausar! 10 Smide plogarne til sverd og hage-
knivarne til spjot! Vesaling segje: «Eg er kjempekar
eg!» 11 Skunda dykk og kome, heidningar alle ikring!
Samle dykk i hop! Dit late du, Herre, dine kjempor stiga
ned. 12 Lat folki vakna og samlast i Josafatsdalen!
For der eg domar sit yver alle folki ikring. 13 Fram
med sigden! No mognast kornet. Kome, trakke! No
er persa full. Kjeraldi fløymer. Ovstor er vondska. 14
Flokk på flokk i domsdalen. For Herrens dag er nær i
domsdalen. 15 Sol og måne dei svartnar, og stjernorne
løyner sin glans. 16 Og Herren burar frå Sion, frå
Jerusalem gjallar hans mål. Og det bivrar både himmel
og jord. Men Herren er ei livd for sitt folk og ei borg for
Israels søner. 17 Ja, kjenna skal de at eg er Herren,
dykkar Gud, som bur på Sion, mitt heilage berg. Og
Jerusalem skal ein heilagdom vera, frammandfolk der
aldri meir stiga inn. 18 Då skal på den dagen druvesafti
drjupa av fjelli og mjølk frå haugarne strøyma, og alle
bekkjer i Juda fløyma med vatn. Ei kjelda spring ut frå
Herrens hus og vatnar Akaziedalen. 19 Men Egypt skal
øydeland verta, og Edom som ville heidi, for valdsverk
mot Judas born. Dei hev øydt skuldlaust blod i sitt land.
20 Men Juda skal sitja æveleg trygt, og Jerusalem frå
ætt til ætt. 21 Og eg vil hemner deira blod, som eg
ikkje hemnde fyrr. Og Herren skal bu på Sion.

# Amos

**1** Ord av Amos, ein av hyrdingarne frå Tekoa, som
han såg i sine syner um Israel i dei dagarne då
Uzzia var konge i Juda og Jeroboam Joasson konge i
Israel, tvo år fyre jordskjelven. **2** Han sagde: Herren
burar frå Sion, frå Jerusalem gjallar hans mål. Då
sturer dei hyrding-lider, og Karmels hovud vert svidd.
**3** So segjer Herren: For trifald misgjerd av Damask
og for firfald eg ikkje meg attrar. For di dei Gilead
treskte med sledar av jarn, **4** so sender eg eld mot
Hazaels hus, han skal øyda Benhadads borger. **5** So
bryt eg bommen til Damask og tyner Bikat-Avens folk
og kongsstavmannen i Bet-Eden, og Aram skal drivast
burt til Kir, segjer Herren. **6** So segjer Herren: For
trifald misgjerning av Gaza og for firfald eg ikkje meg
attrar. For di dei heile grender dreiv ut og gav deim
i Edoms vald, **7** So sender eg eld mot Gazas mur,
han skal øyda deira borger, **8** so tyner eg Asdods folk
og Askalons kongsstavs-mann. Mot Ekron eg retter
mi hand, slær filistarn' til siste mann, segjer Herren,
Herren. **9** So segjer Herren: For trifald misgjerd av
Tyrus, for firfald eg ikkje meg attrar. For di heile grender
til Edom dei dreiv og ikkje på brødrabandet gav gaum,
**10** so sender eg eld mot Tyrus-muren, han skal øyda
deira borgar. **11** So segjer Herren: For trifald misgjerd
av Edom, for firfald eg ikkje meg attrar. For di han elte
bror sin med sverd og kjøvde sin samhug, men vreiden
jamt i han øydde, og han æveleg gøymde sin harm, **12**
so sender eg eld imot Teman, han skal øyda Bosras
borger. **13** So segjer Herren: For trifald misgjerd av
Ammons-borni og for firfald eg ikkje meg attrar. For
di dei i Gilead konor med barn skar upp, då dei vilde
auka sitt land, **14** So kveikjer eg eld i Rabbas mur,
han skal øyda deira borger, medan herropet dunar i
striden, og eit hardver på stormdagen blæs, **15** og i
landlysing kongen skal gå, han sjølv med hovdingarn'
saman, segjer Herren.

**2** So segjer Herren: For trifald misgjerd av Moab, for
firfald eg ikkje meg attrar. For di dei brende beini åt
Edom-kongen til kalk, **2** so sender eg eld imot Moab,
han skal øyda Kerijots borgar. Og i ståket Moab skal
døy, med hergny og luraljod skrell. **3** Domaren deira eg
tynar, alle hovdingarn' likeins eg drep, segjer Herren.
**4** So segjer Herren: For trifald misgjerd av Juda, for
firfald eg ikkje meg attrar. Då dei vanvyrde Herrens lov
og heldt ikkje bodordi hans, men let seg av lygn-gudar
dåra, som federne fyrr hadde fylgt, **5** so sender eg eld
imot Juda, han skal øyda Jerusalems borger. **6** So
segjer Herren: For trifald misgjerd av Israel og for firfald
eg ikkje meg attrar. For sylv dei sel ein skuldlaus og
ein arming for eit par skor, **7** dei som helst ser mold på
ein stakkars hovud, og rengjer småfolks rett. Til same
gjenta gjeng far og son til vanhelging for mitt heilage
namn. **8** Og på pantsette klæde ved kvart eit altar dei
ligg, og skadebots-vin dei drikk i huset til sin Gud. **9**
Det var då eg som dreiv amoritarne frå deim, som høge
som cedertre var, og sterke som eiker, men eg tynte
alda i topp og roti i jord. **10** Det var eg som dykk førde
frå Egyptarland og dykk leidde i villmarki fram gjenom
fyrti år til å vinna Amorit-landet. **11** Eg vekte profetar
av dykkar søner, naziræarar bland dykkar ungdomar.
Er det'kje so, de Israels-born? Segjer Herren. **12** Men
de gav naziræaran' vin, og baud profetarn' og sagde:
«Profetera ikkje!» **13** Sjå no skal eg lata det dynja
under dykk som under ei full-lest kornvogn. **14** Og
den rappe kjem ingen stad av, og den sterke fær'kje
bruka si magt, og kjempa skal'kje berga sitt liv. **15**
Mannen med bogen er magtlaus, og lett på fot kann'kje
berga seg, og mannen på hest skal'kje berga sitt liv.
**16** Hugdjervaste kjempa ho lyt naken røma på dagen
den, segjer Herren.

**3** Høyre dette ordet som Herren hev tala imot dykk,
de Israels søner, mot heile den ætti som eg hev
ført upp frå Egyptarland: **2** Dykk einast kannast ved av
alle ætter på jordi. Difor eg heimsøkjer dykk for alt det
vonde de hev gjort. **3** Gjeng tvo-eine saman tru, utan
dei samstelte vart? **4** Tru løva burar i skogen utan eit
rov det gjeld? Let ungløva høyra sitt mål, når i hola
ho ligg, utan ho fengdi fekk? **5** Tru fuglen i snara på
jordi fell, utan at snara er uppsett? Tru vel at glefsa
sprett att, utan at noko sit fast? **6** Eller ljomar luren i
by, utan at folket fær støkk? Eller hender ulukka i by,
utan at Herren hev gjort det? **7** For ikkje gjer Herren,
Herren nokon ting, utan han tenarom sine, profetom,
forkynner si løynråd. **8** Når løva mun bura, kven må
ikkje ræddast? Når han talar Herren, Herren, kven vert
ikkje då profet? **9** Rope ut yver Asdod borger og yver
borger i Egyptarland: «Dykk samle på Samariafjelli og
sjå kor fælt eit ståk der er, og valdsverk som der råder!»
**10** Dei hev ikkje vit på framferd rett, segjer Herren,
dei som haugar valdsverk og tjon i borgerne sine i
hop. **11** Difor, so segjer Herren, Herren: Fiendar herset
ditt land. Di magt skal støytast i knas, dine borger
plundrast. **12** So segjer Herren: Som hyrdingen friar frå
løvegap eit par bein ell' ein øyrelapp, so bergast dei
skal, dei Israels-søner, som i Samaria sit i sofa-krå, på
putebenk. **13** Høyr og vitna mot Jakobs hus! segjer
Herren, Herren, allhers Gud: **14** Den dagen eg straffar
Israel brot, då straffar eg Betels altar, og altarhorni
vert hogne, og dei skal falla til jordi. **15** Eg vinterstova
hogg ned, sumarstova med. Filsbeinssalar skal falla,
og mange hus skal verta øydde, segjer Herren.

**4** Det skal høyra på dette ordet, de Basans kyr, som
er på Samariafjellet, de som piner dei små og dei
arme mun slå, som segjer til dykkar herrar: «Lat oss
få so me kann drikka!» **2** Herren, Herren, svor ved
sin heilagdom: Sjå, dagar det koma skal yver dykk då
med hakar dei hentar dykk fram og resten med krokar
dreg upp. **3** Gjenom sprunger i muren fer det, ei um
senn, og kastar gudarne burt, segjer Herren. **4** Kom til
Betel og gjer synd, til Gilgal og synda enn meir; kvar
morgon slagtoffer ber fram, kvar tridje dagen tiend, **5**
Til takkoffer syra brød brenn, lys ut at de fri-offer gjer.
For slikt mun de lika, de Israels born, segjer Herren,
Herren. **6** Det var eg som let dykk i kvar ein by vanta
maten i munn, brødløysa gav eg i kvar ein heim. Og
De vende'kje um til meg, segjer Herren. **7** Det var eg
som heldt regnet attende tri månader fyre skurden. Eg
gav regn til den eine byen, den andre byen fekk ingen
ting. Den eine åkren fekk regn, og den åkren som ikkje
fekk regn, han turka burt. **8** Og tvo, tri byar gjekk til ein
by til ein vatsdrykk å få, og dei fekk ikkje nok. Men de
vende'kje um til meg, segjer Herren. **9** Kornet eg slo
med sotbrand og rust, og hagarne mange og vinbergi
og fike- og oljetrei. Deim åt grashoppen upp. Men de
vende'kje um til meg, segjer Herren. **10** Eg sende sotti
på dykk liksom i Egypt. Eg drap dykkar gutar med
sverd. Hestarn' vart herfang. Eg let dykk illtev frå valen
i nasarne få. Men de vende'kje um til meg, segjer
Herren. **11** Eg gjorde ein omstøyt ibland dykk, som
då Gud støytte ned Sodoma og Gomorra. Og de vart
som ein brand berga or eld. Men de vende'kje um til
meg, segjer Herren. **12** Difor gjer eg med deg, Israel,
so. Sidan eg gjerne vil gjera so med deg, bu deg til å
møta din Gud, Israel. **13** For sjå: Han som lagar fjelli
og skaper vinden, og ein mann sine tankar fortel, og
myrker bryt til morgonljos, han som stig på jordheims
haugar - Herren, allhers drott, er namnet hans.

**5** Høyr dette ordet som eg syng yver dykk, ein
syrgjesong yver Israels hus: **2** «Ho falli er, ris aldri
upp meir, den møy Israel; slengd til jord i sit eige land.
Ingen reiser ho upp.» **3** For so segjer Herren, Herren:
Ein by sender tusund ut, fær hundrad att, sender ho
hundrad ut, fær tie att til Israels hus. **4** For so segjer
Herren til Israels hus: Søk meg, so skal de liva! **5** Men
aldri de søkje til Betel, til Gilgal aldri kom, og gakk
ikkje til Be'erseba! For Gilgal burt skal førast, og Betel
vert upp i tjon. **6** Søk Herren, so skal de liva! Elles
kjem han som eld yver Josefs hus; det brenn, og ingen
sløkkjer for Betel. **7** De som vender retten til malurt, og
kastar rettferd til jord! **8** Han som skapte Sjustjerna
og Orion, og gjer kolmyrkret til morgon, gjer dagen til
svarte natt, han som kallar på vatnet i havet og auser
det ut yver jordi - Herren er hans namn. **9** Han øyder
dei sterke med sitt ljon, han øyder borgi den faste! **10**
Dei hatar den som refser for retten, styggjest ved den
som talar sanning. **11** Difor, då småfolk de trakkar ned
og kornleiga driv av deim ut - vel hev de hogt stein og
bygt hus, men de skal ikkje sjølv der bu. De hev fagre
vinhagar stelt, men de skal ikkje drikka deira vin. **12** For
eg veit um synderne dykkar so mange og misgjerder
utan tal; de trykkjer den skuldlause, tek imot mutor, ein
arming for retten de svik. **13** Difor tegjer den kloke i
denne tid, for ei vond tid er det. **14** Legg vinn på godt
og ikkje på vondt, so de kann liva. Då vera med dykk
Herren, allhers Gud, som de hev sagt. **15** Hata vondt
og elska godt, haldt retten uppe på tinget! Kann henda
Herren, allhers Gud, då er nådig mot Josefs leivning.
**16** Difor, so segjer Herren, allhers Gud, Herren: Det er
liksong på alle torg, og på alle gator dei ropar: «Ai, ai!»
Bonden dei bed til gravøl, og til liksong deim som kann
kveda. **17** Frå kvar vinhage liksongar stig; for eg vil
millom dykk ganga, segjer Herren. **18** Ai dykk som trår
etter Herrens dag! Kva er han for dykk, Herrens dag?
Han er myrker og ikkje ljos. **19** Som når du undan ei
løva spring og møter ein bjørn, du kjem heim og styd
handi mot veggen, og so bit deg ein orm. **20** Ja, ja,
myrker er Herrens dag og ikkje ljos, dimleitt, han hev
ingen glans. **21** Eg hatar og vanvyrder dykkar høgtider,
eg hev ingen hugnad i dykkar stemnor, **22** ja, um de
meg brennoffer gjev og grjonoffer, det hugar ikkje meg.
Eg gjev ikkje på gjødkalve-offer gaum. **23** Lat meg vera
i fred for din buldrande song, ditt harpespel lyder eg'kje
på. **24** Men lat rett velta fram som vatn, og rettferd
som rennande bekk! **25** Bar De slagtoffer, grjonoffer
til meg dei fyrti åri i øydemarki, du Israels hus? **26**
Og bar det då Sukkot, dykkar konge, og Kijun, dykkar
bilæte, dykkar gudestjerna, som de hadde gjort dykk?
**27** Eg vil føra dykk av burtanfor Damaskus, segjer han
som heiter Herren, allhers Gud.

**6** Ai dykk som sit trygge på Sion, utan sut på Samarias
berg, dei fremste i det gjævaste folk, som fær
vitjing av Israels hus! **2** Drag burt til Kalne og sjå, og
endå lenger, til Stor-Hamat fram, og stig ned til Gat
i Filistarland! Er dei betre enn desse riki? Er deira
land større enn dykkar? **3** De som vond-dagen set på
dør og valdsmannen sessar på stol. **4** På filsbeins-
sæte dei ligg, og late på pallen dei heng. Av fenaden
lambi dei et, og gjødkalv-bingen gjev steik. **5** Dei sullar
til harpe-slått liksom David dei lagar seg spel. **6** Av
bollar drikk dei vin, og med dyraste olje seg salvar,
dei sturar ikkje for Josefs skade. **7** Difor skal desse
vera fremst i den landlyste flokken, og letings-sullen
vert slutt. **8** Herren, Herren hev svore ved seg sjølv,
segjer Herren, allhers Gud: Jakobs høgferd mislikar
eg, eg hatar hans slott, og by og bol gjev eg upp. **9** Og

um det so berre var tie mann att i eitt einaste hus, dei
skal døy. 10 Og frenden og brennaren kjem til å bera
beini or huset. Spør han so den som er inst inni huset:
«Er det nokon att hjå deg?» Han svarar: «Nei, » so
segjer han: «Hyss!» For ikkje må nemnast Herrens
namn. 11 For sjå, Herren byd: det store huset skal
skakast i knas, og det vesle til dess at det brest. 12
Tru hestarne spring i brattberg ikring, tru uksen på
sjøen dreg plogen, sidan de til forgift brigdar retten og
vender rettferd til malurt? 13 I heimløyser hev dei si
frygd, dei kved: «Var me ikkje hæve, at me hev vunne
oss velde?» 14 For sjå, eg reiser imot dykk, Israels
hus, eit folk, segjer Herren, allhers Gud. Og det skal
dykk slå, frå Hamats grensa til øydemarks å.

**7** Soleis let Herren, Herren meg sjå: Det var ein som
skapa grashoppar då håi for til og spratt, det var
håi etter kongens slått. 2 Og då dei var ferdige reint
med å eta upp grøda i landet, då sagde eg: «Herre,
Herre, tilgjev! Kor gjeng det no med Jakob som liten
er?» 3 Då angra Herren det. «Det skal ikkje henda, »
sagde Herren. 4 Soleis let Herren, Herren, meg sjå:
Til straffar kalla han elden fram, Herren, Herren, og
han åt det store djupet han nærpå åt åkerlandet med.
5 Då sagde eg: «Herre, Herre, haldt upp! Kor gjeng
det med Jakob som liten er?» 6 Då angra Herren det.
«Ikkje dette heller skal henda», sagde Herren, Herren.
7 Soleis let han meg sjå: Eg såg Herren standa på
ein loddmur med blylodd i handi. 8 Og Herren sagde
til meg: «Kva er det, Amos, du ser?» Og eg svara:
«Eit blylodd.» Og Herren sagde: «Ja, eg skal loddet
bruka millom mitt folk Israel. Ikkje vil eg meir spara det
no. 9 Isaks haugar skal tynast, og Israels heilagdomar
herjast, mot Jeroboams hus eg ris upp med sverd.» 10
Men Amasja, presten i Betel, sende bod til Jeroboam,
Israels-kongen, med sovorne ord: «Amos emnar på
uppreist imot deg midt i Israels hus. Landet kann
ikkje greida all røda hans. 11 For soleis talar Amos:
«Jeroboam skal døy for sverd, og Israel førast burt
frå sitt land.»» 12 Og Amasja sagde til Amos: «Du
sjåar, burt med deg! Far din veg til Judalandet! Der
kann du tena ditt brød, og der kann du vera profet!
13 I Betel skal du ikkje driva lenger som profet, for
det er kongeleg heilagdom og rikstempel her.» 14
Då svara Amos Amasja so: «Ikkje er eg profet, og
ikkje profetsvein, ein hyrding er eg, og steller med
morbærtre. 15 Men Herren tok meg burt frå hjordi, og
Herren sagde til meg: «Gakk og ver profet for mitt
folk Israel!» 16 Og no skal du høyra ordet frå Herren.
So segjer du: «Ver ikkje profet for Israel. Og ikkje du
preike mot Isaks hus!» 17 Difor so talar Herren: Di
kona vert skjøkja i byen, dine søner og døtter skal falla
for sverd, med mælesnor vert gjordet ditt bytt, du sjølv
i eit ureint land skal døy, og Israel førast burt frå sitt
land.»

**8** Soleis let Herren, Herren meg sjå: Der stod ei korg
med mogi frukt. 2 Og han sagde: «Kva er det du
ser, Amos?» Eg svara: «Ei korg med mogi frukt.» Og
Herren sagde: «Haust-moge er mitt folk Israel. Eg
vil'kje bera yver med det meir. 3 Og slotts-songarn'
yling vert på dagen den, » segjer Herren, Herren. Lik
er i mengd kvar ein stad stilt slengde av. 4 Høyr dette,
de som snikjer etter fatigmann, de som tynar småfolk i
landet, 5 De som segjer: «Når er nymåne-helgi slutt,
so me kann få kornet vårt selja, og sabbaten, so me
inn i kornburet slepp og kann minka vårt mål og auka
vår pris og driva fusk med vegti, 6 Og armingen kjøpa
for gull og stakaren for eit par skor, og so lata deim
lettkornet få?» 7 Ved Jakobs byrgskap Herren svor:
Aldri skal alt dykkar verk verta gløymt. 8 Skulde'kje
for slikt då skjelva jordi og heile mannheimen syrgja,
og reint gå i flaum som Nilen, stiga og falla som
Egyptarelvi? 9 Og det hender på dagen den, segjer
Herren, Herren, ved høgstdags bil let eg sol gå ned,
og jordi skal myrkna på ljosan dag. 10 Dykkar helgar
eg vendar til sorg, alle visor til syrgjesongar. Og sekk
eg sveipar um kvar ei lend, gjer fleinskallut kvar ein
haus, veld sorg som for einaste barn, gjer enden til
ein uheils dag. 11 Sjå, dagar det koma skal, segjer
Herren, Herren, då eg sender hunger i landet, ikkje
hunger etter brød, ikkje torste etter vatn, men etter å
høyra Herrens ord. 12 Og dei fer ifrå hav til hav, og dei
sviv ifrå nord til aust, og dei leitar etter Herrens ord,
men dei finn det ikkje. 13 På den dagen skal fagre
møyar og unge menn av torsten tynast, 14 Dei som
sver ved Samarias synd, og som segjer: «So sant din
Gud liver, Dan, og so sant Be'ersebas vis liver.» Dei
sig ned og ris aldri upp meir.

**9** Ved alteret såg eg at Herren stod. Han sagde: Støyt
til stolpen, so gåtterne skrell, lat det ramla nedyver
kvar ein haus. Eg let deim som att er falla for sverd,
ingen skal koma seg av, berga seg skal ikkje ein. 2
Bryt dei seg inn i helheim, mi hand tek deim derifrå
ut, stig dei til himmelen upp, derifrå driv eg deim ned.
(Sheol h7585) 3 Um dei gøymer seg burt på Karmels
topp, eg finn deim og hentar deim heim. Um frå augo
mine dei løyner seg av på havsens botn, derifrå byd
eg ormen fram, og han skal deim bita. 4 Um dei ver
burtførde fangar under fiendehand, der skal eg bjoda
sverd at det skal deim slå og augo mitt på deim skal
sjå ilt og aldri mildt. 5 Herren, Allhers-Herren, han rører
jordi so ho brånar, og heile mannheimen syrgjer, når
all jordi stig som Nilen og fell som Egyptarelvi. 6 Han
hev i himlom sine høgsalar bygt, yver jordi reist sin

kvelv. Han kallar vatnet or hav og auser det ned yver
jord. Herren er hans namn. **7** Er de meir for meg enn
kusitarne, de Israels born? segjer Herren. Hev eg ikkje
ført Israel frå Egypt, filistaran' frå Kaftor, og syraran' frå
Kir? **8** Sjå augo til Herren, Herren ser ned på dette
syndsens rike: Eg øyder deim burt frå mannaheim;
men ikkje heilt eg øydar Jakobs hus, segjer Herren. **9**
For sjå, eg sender ut bod: Eg Israels hus millom folki
skjek, liksom du ristar eit såld, og ikkje eit korn på
bakken fell. **10** Men for sverd skal døy kvar syndarar i
mitt folk som kved: «Aldri oss skal ulukka koma og
slå.» **11** På dagen den vil eg reisa upp att Davids
nedfalne hytta og sprungorne tetta og att-stødor lyfta,
byggja upp som i fordoms tid, **12** for at dei skal erva
det som av Edom er att, og alle dei folk som kallast
med mitt namn, segjer Herren som fullfører dette. **13**
Ja, dagar dei koma skal, segjer Herren, då pløgjaren
skurdmannen når; den som vindruvor tred, ser mannen
som sår, på fjellom dryp det med saft, etter bakkom
bekkjerne renn. **14** Og eg lagnaden snur for mitt folk
Israel. Dei skal øydegardar byggja og bu der sjølv, dei
skal vinberg planta og drikka deira vin, de skal stella
seg hagar og eta deira frukt. **15** Eg let deim bu i sitt
land, og dei skal ikkje meir rivast upp frå sin heim, som
eg deim gav, segjer Herren, din Gud.

# Obadias

1 Syni hans Obadja. So segjer Herren, Herren til
Edom: Fretnad hev me fengje frå Herren, og bod er
bore ut millom folki: «Kom! Lat oss fara til strid imot
det!» 2 Ja, liten gjer eg deg millom folki, og ovleg
vanvyrd vert du. 3 Ditt hjartans ovmod hev dåra deg,
du som i bergrivor byggjar, og bur i den høge heimen
og segjer i ditt hjarta: «Kven kastar meg ned?» 4 Um
du enn byggjer høgt som ørnen, og reiret ditt ligg
millom stjernorne, eg kastar deg ned derifrå, segjer
Herren. 5 Um tjuvar kom til deg eller ransmenn um
natti - kor du vert reint til inkjes! - Vilde dei'kje stela det
dei trong? Og kom dei og hausta ditt vinberg, vilde
dei'kje leiva etter seg? 6 Å, kor dei ransakar Esau, kor
dei granskar hans skattar! 7 Radt til landskilet driv dei
deg alle dine sambandsbrøder; dei svik deg og vinn
på deg dine gode vener. I staden for brød legg dei
snara for deg som ikkje hev vit. 8 Skal eg ikkje den
dagen, segjer Herren, øyda ut dei vise or Edom, og
vitet or Esaufjelli? 9 Dei fæler kjemporne, Teman, so
kvar mann or Esaufjelli vert utrudd og drepen. 10 For
vald imot Jakob, bror din, skal du sveipast i skjemsla,
ja, øydast til æveleg tid. 11 Den dagen du stod der og
såg på, då framande rana hans eiga, og utlendingar
kom i hans port og kasta lut um Jerusalem, då var
du og som ein av dei. 12 Sjå ikkje med hugnad på
bror din's dag, på hans motgangsdag, og gled deg
ei yver Juda-borni, på øydingsdagen, og bruk ikkje
bause ord på trengsledagen! 13 Drag ikkje inn igjenom
mitt folks port på uferdsdagen! Sjå ikkje du og med
lyst på hans naud på uferdsdagen! Rett ikkje handi
etter hans eiga på uferdsdagen! 14 Og ikkje du stande
ved vegemot til å rydja ut deim som rømar! Og fli
ikkje ut deim som bergar seg på trengsledagen! 15
For Herrens dag er nær yver alle folki. Som du hev
gjort, skal det gjerast med deg, di åtferd kjem att yver
hovudet ditt. 16 Som de hev drukke på mitt heilage
fjell, skal alle folki drikka stødt, ja, drikka og slurpa
og verta som aldri dei vore til. 17 Men på Sionsfjellet
skal det vera ein flokk av frelste, og det skal vera ein
heilagdom, og Jakobs hus skal få att si odelseiga. 18
Og Jakobs hus vert eld og Josefs hus ein loge, og
Esaus hus vert til halm og eld set dei på det og øyder
det ut, og ingen vert att av Esaus hus, for Herren hev
tala. 19 Og Sudlands-folket skal taka Esaufjellet og
Låglands-folket filistarane, dei skal taka Efraims-bygdi
og Samaria-bygdi, og Benjamin skal taka Gilead. 20
Og dei burtførte av denne fylking av Israels-borni skal
taka det som finst av kananitar alt til Sarefat, og dei
burtførde frå Jerusalem som er i Sefarad, skal taka
Sudlands-byarne i eiga. 21 Og frelsarar skal draga upp
på Sionsfjellet og døma Esaufjellet, og kongsveldet
skal høyra Herren til.

# Jonas

**1** Herrens ord kom til Jona, son åt Amittai; han sagde:
**2** «Statt upp og gakk til den store byen Nineve,
og ropa ut yver honom at vondskapen hans er stigen
upp for mi åsyn!» **3** Men Jona stod upp og vilde fly til
Tarsis, burt frå Herrens åsyn; og han for ned til Joppe,
og fann eit skip som skulde ganga til Tarsis, og han
betala ferdapengarne og gjekk um bord og vilde fara
med til Tarsis, burt frå Herrens åsyn. **4** Men Herren
sende ein sterk vind ut yver havet, og reiste slik ein
storm på havet at skipet so nær hadde gjenge under. **5**
Då vart skipsfolki rædde og ropa kvar til sin gud; og til
å letta skipet kasta dei på sjøen alt tarvende som fanst
um bord. Men Jona hadde gjenge ned i skipsromet;
der låg han og sov fast. **6** Då gjekk skiperen til honom
og sagde: «Korleis kann du sova so fast? Statt upp og
ropa til guden din! Kann henda vil den guden tenkja
på oss, so me ikkje gjeng under.» **7** Og dei sagde til
kvarandre: «Kom, lat oss kasta lut, so me fær vita kven
som er skuld i at denne ulukka er komi yver oss!» So
kasta dei lut, og luten fall på Jona. **8** Då sagde dei til
honom: «Seg kven som er skuld i at denne naudi er
komi yver oss! Kva er di ærend, kvar kjem du ifrå? Kva
land er du frå, og kva folk er du av?» **9** Han svara
deim: «Hebræar er eg, Herren, himmelens Gud, ottast
eg, han som hev skapt havet og det turre land.» **10** Då
vart mennerne ovleg rædde, og dei sagde til honom:
«Kor kunde du gjera dette?» For dei skyna av det han
fortalde deim at han flydde frå Herrens åsyn. **11** Og
dei sagde til han: «Kva skal me gjera med deg, so
havet kann leggja seg for oss?» For det vart meir og
meir upprørt. **12** Han svara: «Tak meg og kasta meg i
havet! so skal det stilna for dykk. For eg veit det er for
mi skuld denne store stormen er komen yver dykk.»
**13** Mennerne freista no å ro tilbake til lands, men dei
magta det ikkje; for sjøen bar meir og meir imot. **14** Då
ropa dei til Herren og sagde: «Å Herre, lat oss ikkje
ganga under, for di denne mannen skal døy, og lat
ikkje skuldlaust blod koma yver oss! for du, Herre,
hev gjort som du vilde.» **15** Og dei tok Jona og kasta
honom i havet, og straks heldt havet upp å rasa. **16** Då
fekk mennerne fekk stor age for Herren, og dei ofra
slagtoffer til honom og gjorde lovnader. **17** Men Herren
sende ein stor fisk, som gløypte Jona; og Jona var i
buken åt fisken i tri dagar og tri næter.

**2** Og Jona bad til Herren, sin Gud, frå buken åt fisken;
**2** han sagde: «Eg ropa til Herren i mi naud, og han
svara meg. Frå helheims buk ropa eg, og du høyrde
mi røyst. **(Sheol h7585)** **3** Du kasta meg i djupet, midt i
havet, og straumar kringsette meg, alle dine bylgjor og
brot gjekk yver meg. **4** Eg tenkte då: «Burt frå dine
augo er eg støytt. Like vel, ditt heilage tempel skal eg
atter få sjå.» **5** Vatni kringa seg um meg like til sjæli.
Djupet kringsette meg; tang sveipte seg um hovudet
mitt. **6** Like til bergbotnarne sokk eg ned. Slåerne til
jordi stengdest bak meg for alltid. Men du førde mitt liv
upp or gravi, Herre, min Gud! **7** Då mi sjæl ormegtast i
meg, kom eg Herren i hug, og mi bøn kom til deg i ditt
heilage tempel. **8** Dei som tek vare på tome avgudar,
gjeng frå si miskunn. **9** Men med lovsongs tonar vil
eg ofra til deg, det eg lova, vil eg halda. Hjå Herren
er frelsa!» **10** Då baud Herren fisken, og han spydde
Jona upp på land.

**3** Då kom Herrens ord til Jonas andre gongen; han
sagde: **2** «Statt upp og gakk til Nineve, den store
byen, og ropa ut yver honom dei ordi eg vil tala til
deg!» **3** Og Jona stod upp og gjekk til Nineve, som
Herren hadde sagt. Nineve var ein stor by for Gud, tri
dagsleider lang. **4** Og Jona gjekk ei dagslei inn i byen
og ropa og sagde: «Um fyrti dagar skal Nineve verta
lagd i grus.» **5** Då trudde ninevitarne på Gud, lyste ut
ei fasta og klædde seg i sekk både store og små. **6**
Då saki kom for kongen i Nineve, reiste han seg frå
sin kongsstol, lagde kappa av seg og sveipte seg i
sekk og sette seg i oska. **7** Han let ropa ut i Nineve og
segja: «Etter bod frå kongen og hans stormenner må
korkje menneskje eller dyr, storfe eller småfe, smaka
noko, beita eller drikka vatn. **8** Men dei skal sveipa
seg i sekk, menneski med dyri, og ropa til Gud av all
kraft og umvenda seg, kvar frå sin vonde veg og frå
den urett som er i deira hender. **9** Kven veit? Gud
kunde då venda um og angra det, venda um frå den
brennande vreide sin, so me ikkje gjeng under.» **10** Då
no Gud såg det dei gjorde, at dei vende um frå sin
vonde veg, angra han det vonde han hadde sagt han
vilde gjera mot deim, og han gjorde det ikkje.

**4** Dette gjorde Jona ovleg vondt, og han vart
brennande harm. **2** Han bad då til Herren og sagde:
«Å Herre, var det ikkje dette eg tenkte, då eg endå var
i mitt land? Difor flydde eg so snøgt til Tarsis; for eg
visste du er ein nådig og miskunnsam Gud, langmodig
og rik på miskunn, og angrar det vonde. **3** So tak
no, Herre, livet mitt ifrå meg! For eg vil heller døy
enn liva.» **4** Då sagde Herren: «Hev du grunn til å
harmast?» **5** Og Jona gjekk ut or byen og sette seg
austanfor byen. Der gjorde han seg ei hytta og sette
seg der i skuggen, og vilde sjå korleis det gjekk med
byen. **6** Då let Herren Gud ein kikajon veksa upp yver
Jona, til å skyggja yver hovudet hans og fria honom
ifrå hans mismod; og Jona fann stor gleda i kikajonen.
**7** Men næste dag, då morgonroden rann, sende Gud

ein makk, som stakk kikajonen so han visna. **8** Då soli
rann, sende Gud ein brennande austanvind, og soli
stakk Jona på hovudet so han ormegtast. Han ynskte
då å få døy og sagde: «Eg vil heller døy enn liva.» **9**
Men Gud sagde til Jona: «Hev du grunn til å harmast
for kikajonen skuld?» Han svara: «Eg hev grunn til å
harmast til dauden.» **10** Då sagde Herren: «Du ynkast
yver kikajonen, som du ikkje hev havt møda med og
ikkje hev ale upp, som kom til på ei natt og gjekk til
grunns etter ei natt; **11** og so skulde ikkje eg ynkast
yver Nineve, den store byen, der det finst meir enn eit
hundrad og tjuge tusund menneskje som ikkje kann
skilja millom høgre og vinstre, og mange dyr!»

# Mika

**1** Herrens ord, som kom til Mika frå Moreset i dei
dagarne då Jotam og Ahaz og Hizkia var kongar i
Juda, det som han såg um Samaria og Jerusalem.
**2** Høyr, de folk, alle i hop! Lyd etter, du jord og alle
som på deg bur! No vil Herren, Herren vitna imot dykk,
Herren frå sitt heilage tempel. **3** For sjå, Herren gjeng
ut frå bustaden sin; han stig ned og trøder på haugarne
på jordi. **4** Og fjelli brånar under føterne hans, og
dalarne rivnar - som vokset for elden, som vatnet når
det støyper seg utfyre ein hamar. **5** Og alt dette fær
me for Jakobs fråfall, for dei synder som Israels hus
hev gjort. Kven er so skuld i Jakobs fråfall? Er det ikkje
Samaria? Og kven er skuld i Judas offerhaugar? Er
det ikkje Jerusalem? **6** So vil eg då gjera Samaria til ei
steinrøys på marki, til ein vinplantingsstad. Eg vil velta
steinarne hennar ned i dalen og leggja grunnvollarne
hennar berre. **7** Alle dei utskorne bilæti hennar vil
eg krasa; alle horegåvorne hennar vil eg brenna upp
med eld; og alle gudebilæti hennar vil eg øyda; for
av horeløn hev ho samla deim i hop, og til horeløn
skal dei atter verta. **8** For dette vil eg øya og jamra,
vil eg ganga berrføtt og naken ikring; eg vil øya som
sjakalarne og gjeva syrgjelåt som strussarne. **9** For
såri hennar let seg ikkje lækja, for det kjem radt til
Juda, det når til porten åt folket mitt, radt til Jerusalem.
**10** Kunngjer det ikkje i Gat! Gråt ikkje so sårt! I Bet-
Leafra velter eg meg i moldi. **11** Burt med dykk, de som
bur i Sjafir, nækte og skjemde! Folket i Sa'anan vågar
seg ikkje ut. Jamringi i Bet-ha-Esel gjer det rådlaust for
dykk å stogga der. **12** For dei som bur i Marot, lengtar
etter lukka; for ulukka hev fare ned frå Herren til porten
i Jerusalem. **13** Beit tråvaren for vogni, de som bur i
Lakis! de var upphavet til syndi for dotteri Sions; for
hjå dykk vart Israels fråfall fyrst funne. **14** Difor lyt du
gjeva Moreset-Gat skilsmålsbrev. Husi i Akzib vert ein
svikal bekk for Israels kongar. **15** Endå ein gong let eg
landvinnaren koma yver dykk som bur i de Maresa.
Radt til Adullam skal Israels herlegdom koma. **16** Raka
deg og klypp deg, i sorg yver kjæleborni dine! Gjer deg
snaud til gagns som gribben; for dei vert førde burt ifrå
deg.

**2** Usæle dei som tenkjer ut urett og fyrebur vondt,
med dei ligg på lega si. Straks det lyser av dag, set
dei det i verk! for di det stend i deira magt. **2** Og dei
lystar etter annan manns åkrar og ranar deim, etter
hus og tek deim. Dei gjer vald både mot mannen og
huset hans, både mot bonden og eigedomen hans.
**3** Difor taler Herren soleis: Sjå, eg vil tenkja ut det
som vondt er imot denne ætti, og de skal ikkje få til å
smetta halsarne dykkar utor eller ganga so bratte i
nakken heretter. For det vert ei vond tid. **4** Den dagen
skal sume kveda ei nidvisa um dykk og sume syngja
ein syrgjesong, og dei skal segja: «No er det slutt, »
segjer dei, «reint til avgrunns me gjekk. No skifter han
arven ut som folket mitt fekk. Sjå, kor han tek han ifrå
meg! Gardarne våre no eiga skal folk som burt ifrå
Herren fall.» **5** So skal du ingen hava som strekkjer
mæletråd kring jord i Herrens lyd. **6** «Haldt upp med
denne preikingi!» So preikar dei. «Um slikt skal dei
ikkje preika! Det er då ikkje måte på hædingsord!»
**7** Er dette sømeleg tale, du Jakobs hus? Er Herren
kanskje brålyndt? Hev gjerningarne hans synt noko
slikt? Er ikkje mykje heller ordi mine gode imot den
som fer reideleg åt? **8** Men alt lenge hev no folket
mitt reist seg imot meg som uvenerne mine: De dreg
kåpa av klædi på folk som fredsame gjeng vegen sin
framum, og ikkje vil vita av strid. **9** Kvinnorne i folket
mitt driv de ut ifrå heimarne deira, som var gleda deira;
frå borni deira tek de for alle tider prydnaden min.
**10** Upp med dykk og gakk dykkar veg! For dette er
ikkje nokon kvilestad, for den sulking skuld som valdar
tyning, ja, skræmeleg tyning. **11** Kom ein med vind
og svik og laug og sagde: «Eg vil preika for deg um
vin og sterk drykk, » sjå det vilde vera ein preikar for
dette folket! **12** Samla, ja, samla vil eg deg, Jakob, so
mange du er; sanka, ja, sanka eg leivningen av Israel.
Eg vil føra deim saman som sauer til ei kvi, som ein
buskap til sitt beite, so det vert dyn av menneskje. **13**
Vegbrøytaren fer fyre deim; dei bryt seg igjenom og
stimar fram gjenom grindi og slepp ut; kongen deira fer
fyre deim, og Herren er i brodden for deim.

**3** Og eg sagde: Høyr, de Jakobs hovdingar, og de
fyrstar for Israels hus! Høyrer det ikkje dykk til å
vita kva som er rett? **2** De som hatar det gode og
elskar det vonde, de som flår skinnet av folk og kjøtet
av beini deira, **3** de som et mitt folks kjøt og riv hudi
av deim, og beini deira bryt de sund, og breider deim
ut liksom i ei gryta, liksom kjøtet ein legg i panna. **4**
Då skal dei ropa til Herren; men han skal ikkje svara
deim; dylja skal han si åsyn for deim på den tidi, av di
dei gjorde det som vondt var i si åtferd. **5** Soleis talar
Herren mot dei profetarne som vildrar folket mitt, mot
deim som ropar: «Fred!» når dei fær noko å bruka
tennerne sine på, men som eggjar til heilag strid mot
deim som ikkje stikk dei noko i munnen. **6** Difor skal
natt koma yver dykk utan syn, og myrker utan spådom.
Ja, soli skal ganga ned yver profetarne, og dagen skal
verta myrk yver deim. **7** Og sjåarane skal skjemmast,
og spåmennerne blygjast; dei alle skal hylja skjegget
sitt, sidan det ikkje kjem noko svar frå Gud. **8** Men eg,
eg er full av kraft ved Herrens ande og av rettskjensla

og mannsmod, so eg kann vitna for Jakob um hans
fråfall og for Israel um hans synd. 9 Høyr dette, de
hovdingar for Jakobs hus, og de fyrstar for Israels
hus, de som styggjest ved det som er rett og krøkjer
alt som er beint, 10 de som byggjer upp Sion med
blod og Jerusalem med urett - 11 hovdingarne der
dømer for mutor, prestarne lærer for løn, og profetarne
spår for pengar, alt medan dei styd seg på Herren og
segjer: «Er ikkje Herren midt imillom oss? Det kjem
ingi ulukka yver oss.» 12 Difor skal for dykkar skuld
Sion verta pløgd som ein åker og Jerusalem skal verta
til steinrøysar, og tempelberget til skoghaugar.

4 Men det skal ganga so i dei siste dagarne, at det
fjellet der Herrens hus stend, skal vera fast tufta på
toppen av dei andre fjelli, og lyfta seg skal det upp yver
høgderne; og folkeslagi skal strøyma upp på det. 2
Og mange heidningefolk skal ganga av stad og segja:
«Kom, lat oss fara upp til Herrens fjell og til huset åt
Jakobs Gud, so han kann læra oss um vegarne sine,
og me kann ferdast på stigerne hans.» For ifrå Sion
skal lovlæra ganga ut, og Herrens ord ifrå Jerusalem.
3 Og han skal døma millom mange folkeslag og skifta
rett for megtige heidningfolk, jamvel um dei bur langt
burte. Då skal dei smida sverdi sine um til hakkor og
spjoti sine til hageknivar. Folki skal ikkje lenger lyfta
sverd mot kvarandre, og ikkje meir læra seg til å føra
krig. 4 Men kvar og ein skal sitja under sitt vintre og
sitt fiketre; og ingen skal skræma deim, for Herrens,
allhers drotts, munn hev tala. 5 Alle folkeslagi ferdast,
kvart i sin guds namn; men me ferdast i Herrens, vår
Guds, namn æveleg og alltid. 6 På den dagen, segjer
Herren, skal eg samla dei haltande og sanka i hop
dei burtdrivne og deim som eg hev fare vondt med. 7
Og eg vil gjera dei haltande til ein leivning, og deim
som var drivne langt burt, til eit mangment folk. Og
Herren skal vera konge yver deim på Sions fjell frå
no og til æveleg tid. 8 Og du hyrding-tårn, du dotter
Sions haug! Til deg skal det koma nå, ja, koma, det
forne veldet, kongeveldet til dotteri Jerusalem. 9 Men
kvifor skrik du no so høgt? Finst det då ingen konge
i deg? Eller er rådgjevaren din komen burt, etter di
rider hev gripe deg, som ei fødande kvinna? 10 Vrid
deg og anka deg, du dotter Sion, som ei kvinna som
føder! For no lyt du ut or byen og bu ute på marki,
og koma heilt til Babel! Der skal du verta frelst; der
skal Herren løysa deg ut or handi på fiendarne dine.
11 No hev mange heidningfolk samla seg imot deg,
og dei segjer: «Ho skal verta vanhelga, so augo våre
kann få sjå på Sion med lyst!» 12 Men dei kjenner
ikkje Herrens tankar og skynar ikkje hans rådgjerd; for
han hev samla deim som kornband på treskjarstaden.
13 So reis deg då og tresk, du dotter Sion! for eg vil
gjeva deg horn av jarn og klauver av kopar, so du
kann knustra mange folk; og herfanget deira skal du
bannlysa åt Herren, og skattar deira til allheims drott.

5 No flokkar du deg saman, du dotter «flokk». Skansar
hev dei kasta upp imot oss. Med staven slær dei
Israels domar på kinnbeinet. 2 Men du Betlehem,
Efrata, som er so liten til å vera millom bygderne i
Juda, frå deg skal eg få meg ein mann som skal
vera herre yver Israel. Hans upphav er frå fordom,
frå ævordoms dagar. 3 Difor gjev han deim yver i
ulukka til den tid då ho som skal føda, hev født. Då
skal leivningen av brørne hans snu heim att til Israels
søner. 4 Og han skal standa og gjæta i Herrens kraft, i
Herrens, sin Guds, høge namn; og dei skal sitja trygt;
for no skal han vera stor, til endarne av jordi. 5 Og
han skal vera fred. Kjem Assur inn i landet vårt, stig
han inn i borgerne våre, so reiser me imot honom
sju hyrdingar, ja, åtte menneskje-hovdingar. 6 Og
dei skal herja Assurs land med sverd, og Nimrods
land alt inn i portarne; og han skal frelsa frå Assur
når han kjem inn i landet vårt, og når han stig yver
landskilet vårt. 7 Og leivningen av Jakob skal vera midt
millom mange folkeslag liksom dogg frå Herren, liksom
regnskurer på gras, som ikkje biar på mann eller ventar
på menneskjeborn. 8 Og leivningen av Jakob skal vera
millom heidningarne, midt imillom mange folk, liksom
ei løva millom dyr i skogen, liksom ei ungløva inne i
saueflokkar. Ho slær ned når ho fer fram, og riv sund,
og det er ingen som bergar. 9 Høg vere di hand yver
uvenerne dine! Må alle fiendarne dine ryddjast ut! 10
Og det skal ganga soleis på den dagen, segjer Herren,
då vil eg rydja ut alle hestarne du hev hjå deg, og øyda
vognerne dine. 11 Og eg vil rydja ut byarne i landet ditt
og riva ned alle borgerne dine. 12 Og eg vil rydja alle
trolldomskunster utor henderne på deg; og spåmenner
skal ikkje lenger finnast hjå deg. 13 Eg vil rydja ut dei
utskorne gudebilæti dine og minnesteinarne dine, som
du hev hjå deg, so du ikkje meir skal bøygja kne for
det som henderne dine hev laga. 14 Og eg vil riva upp
Astarte-stolparne dine or landet ditt, og byarne dine vil
eg øyda. 15 Og i vreide og harm tek eg hemn yver dei
heidningfolk som ikkje vilde høyra.

6 Høyr kva Herren segjer: Reis deg! Før di sak
for fjelli! Lat haugarne høyra di røyst! 2 Ja, høyr
Herrens sak, de fjell og de ævelege grunnvollar under
jordi! For Herren fører sak med folket sitt, og med
Israel vil han ganga til doms. 3 Mitt folk, kva hev eg
gjort deg? Kva hev eg trøytta deg med? Svara meg! 4
Eg førde deg då ut or Egyptarlandet, og frå trælehuset
løyste eg deg ut; og Moses og Aron og Mirjam sette
eg i brodden for deg. 5 Mitt folk! Kom i hug det Balak,

kongen i Moab, var meint på, og det Bileam Beorsson
svara honom! Kom i hug ferdi frå Sittim til Gilgal, so du
kann skyna Herrens rettferdsverk! 6 Kva skal eg stiga
fram for Herren med, bøygja meg med for Gud i det
høge? Skal eg stiga fram for honom med brennoffer,
med årsgamle kalvar? 7 Vil Herren hava hugnad i
tusund verar, i ti tusund oljebekkjer? Skal eg ofra min
fyrstefødde for mitt brot, mi livsfrukt til syndoffer for mi
sjæl? 8 Nei, han hev sagt deg, menneskje, kva som
godt er; for kva krev Herren av deg anna enn at du skal
gjera det som rett er, leggja vinn på kjærleik og ferdast
audmjukt med din Gud? 9 Høyr kor Herren ropar til
byen - og det er visdom å ottast namnet ditt -. Høyr
straffi, og kven det er som hev fastsett henne! 10 Finst
det endå i huset åt den gudlause rangfenge skattar og
undermåls skjeppemål, som er bannstøytt? 11 Kunde
eg vera rein dersom eg bruka svikefulle vegtar og
hadde falske lodd i pungen? 12 Du by med rikfolk, fulle
av urett, og dei som bur der, talar lygn og hev ei falsk
tunga i munnen sin! 13 So vil då eg og slå deg so det
gjer vondt, leggja deg i øyde for dine synder skuld. 14
Du skal eta, men ikkje verta mett, og tom skal du alltid
kjenna deg. Du kann flytja, men du skal ikkje berga.
Og det du bergar, skal eg gjeva åt sverdet. 15 Du skal
så, men ikkje få hausta. Du skal pressa olivor, men
ikkje få salva deg med olje. Du skal pressa druvesaft,
men ikkje få drikka vin. 16 For fyreskrifterne åt Omri
agtar dei vel på, og all gjerning av Ahabs hus, og etter
deira råder er det de ferdast, for eg skal gjera deg til ei
skræma og ibuarane dine til spott, og vanæra yver
folket mitt skal de bera.

7 Usæl eg! For meg hev det gjenge som når
sumarfrukti er innhausta, som når ettersankingi
etter vinhausten er slutt; det finst ikkje ei einaste druva
til å eta, ikkje ei einaste tidlegfika, som eg kunde havt
hug på. 2 Den gudlege er burtkomen or landet, og det
finst ingen ærleg mann millom menneski. Alle i hop ligg
dei på lur etter blod; kvar og ein vil fanga den andre i
garnet sitt. 3 Med båe hender arbeider dei på å gjera
det vonde godt. Fyrsten kjem med krav, og domaren er
til fals for pengar, og storkaren taler ope ut um det
som han hev hug på. Soleis snur dei det til. 4 Den
beste av deim er som ein klunger, den ærlegaste verre
enn eit klungergjerde. Dagen åt vaktmennerne dine, di
heimsøkjing kjem. No vert dei forfjetra. 5 Tru ikkje på
nokon ven! Lit ikkje på nokon kjenning! For henne som
ligg i famnen din, må du vakta din munns dører! 6
For sonen vanvyrder far sin, dotteri set seg upp imot
mor si, sonekona imot vermor si, ein manns husfolk er
fiendarne hans. 7 Men eg vil skoda etter Herren, eg vil
venta på Gud som frelser meg. Min Gud vil høyra meg.
8 Gled dykk ikkje yver meg, du min fiende! Er eg falli,
so reiser eg meg upp att. Sit eg i myrkret, so er Herren
ljoset mitt. 9 Herrens vreide vil eg bera, for eg hev
synda mot honom, til han tek saki mi upp og hjelper
meg til retten min. For han skal leida meg ut i ljoset.
Med gleda skal eg sjå på hans rettferd. 10 Måtte ho
få sjå det, ho som er uvenen min, og skammi sveipa
seg kringum henne som segjer til meg: «Kvar er han,
Herren, din Gud?» Augo mine skal sjå på henne med
fysnad. No skal ho verta nedtrakka som skarn på gata.
11 Det kjem ein dag då dei skal reisa murarne dine
upp att. Den dagen skal grensorne dine verta vide.
12 Den dagen skal dei koma til deg heilt frå Assur og
frå byarne i Egyptarland, ja, frå Egyptarland og alt til
Storelvi, og frå hav til hav og frå fjell til fjell. 13 Men
jordi skal verta ei øydemark for deira skuld som bur på
henne, for slik frukt ber gjerningarne deira. 14 Gjæt
folket ditt med staven din, den buskapen som du hev
ervt, han som bur for seg sjølv i skogen på Karmel! Lat
deim beita i Basan og Gilead liksom i forne tider! 15 Ja,
liksom i dei dagarne då du gjekk ut or Egyptarlandet,
skal de få sjå underlege ting. 16 Heidningarne skal få
sjå det og skjemmast ved alt sitt velde. Dei skal verta
nøydde til å leggja handi på munnen. Øyro deira skal
verta dauve. 17 Dei skal slikka mold liksom ormen,
liksom makkarne som aular på jordi, skal dei koma
skjelvande fram or borgerne sine. Med rædsla skal dei
koma fram til Herren, vår Gud; og dei skal ottast deg.
18 Kven er ein Gud som du? Han tek burt synd og
tilgjev brot for deim som er att av hans arv. Han held
ikkje fast på vreiden sin til æveleg tid. For han hev
hug til miskunn. 19 Atter skal han miskunna oss og
trakka ned vår skuld. Du skal kasta alle synderne deira
i havsens djup. 20 Du skal syna Jakob truskap og
Abraham miskunn, soleis som du hev svore åt federne
våre i gamle dagar.

# Nahum

**1** Framsegn um Nineve. Boki um syni hans Nahum, elkositen. **2** Herren er ein streng Gud og ein hemnar, ja, ein hemnar er Herren, og full av harm; Herren hemner seg på motmennerne sine og held på vreiden mot uvenerne sine. **3** Herren er sein til vreide, men han er stor i kraft, og slett ikkje let han nokon vera ustraffa. I uver og storm hev Herren sin veg, og skyerne er dumba um føterne hans. **4** Han trugar havet og turkar det ut, alle elvarne let han torna. Då folnar Basan og Karmel, og groren på Libanon folnar burt. **5** Bergi bivrar for honom, og haugarne brånar. Jordi lyftar seg for hans åsyn, jordriket med alle som i det bur. **6** Kven kann standa for hans trugsmål, og kven kann halda ut hans brennande harm? Vreiden hans gøyser fram som eld, og bergi brest i sund for honom. **7** Herren er god, ei vern på trengsledagen. Han kjenner deim som trøystar seg til honom. **8** Men ved ei sturtflod gjer han ende på staden der den byen stend, og uvenerne hans skal myrkret elta. **9** Ja, på dykkar uråder mot Herren gjer han ende. Ikkje tvo gonger tarv trengsla koma. **10** For um dei og er ihopfløkte som klungerbuska og so fulle av livssaft som deira drykk av vin, so skal dei like fullt verta uppbrende som fullturr halm. **11** Frå deg gjekk det ut ein mann som hadde ilt i hugen mot Herren. Nidingskap var det han etla seg til. **12** So segjer Herren: Kor sterke og mange dei og mun vera, so skal dei like vel verta avskorne og kverva burt. Og um eg fyrr hev plåga deg, so skal eg ikkje gjera det no meir. **13** For no vil eg brjota det oket han lagde på deg, og slita bandi dine. **14** Men um deg byd Herren so: Inkje avkjøme skal heretter koma frå namnet ditt. Or huset åt guden din vil eg rydja ut både skorne og støypte bilæte. Ei grav vil eg bu til åt deg. For du er funnen for lett. **15** Sjå, yver fjelli føterne åt honom som ber fagnadbod, han som forkynner fred! Haldt dine høgtider, Juda, fullgjer dine lovnader! For aldri meir skal nidingen draga imot deg - mot rot han uppriven.

**2** Ein folkeøydar fer upp imot deg. Vakta vollarne! Haldt utkik på vegen! Umgyrd lenderne, samla all di kraft! **2** For Herren vil reisa upp att stordomen åt Jakob liksom stordomen åt Israel, sidan ransmenner so hev øydt deim og tynt vintrei deira. **3** Skjoldarne åt kjemporne hans er raudlita, stridsmennerne er klædde i skarlak, vognerne i eld og stål når han herbur deim, og spjot vert svinga. **4** På vegarne rasar vognerne fram. Dei andferst på torgi. Dei er å sjå til som logar, som eldingar fer dei fram. **5** Han kjem i hug storfolket sitt, dei snåvar der dei gjeng, dei styrmer til bymuren, men skjoldtaket er reist. **6** Elve-portarne vert opna, og kongsgarden sig saman. **7** Ja, domen stend fast: ho vert nækt, dragsa burt. Ternorne hennar græt som duvor, dei slær seg for bringa. **8** I all si tid var Nineve lik ein dam, rik av vatn, men no flyr dei burt. Stogga! Stogga! - Nei, ingen snur seg. **9** Rana no sylv, rana no gull! Her tryt det ikkje på skattar, på nøgdi av allskyns dyrverdige ting. **10** Tomt, tomleik, tøming! - Hjartestøkk, kneskjelv og verk i alle mjødmar, og alle andlit skifter liter. **11** Kvar er no løvehiet, etar-staden åt ungløvorne, der løva og løvemori gjekk, og løve-ungen, og ingen skræmde deim? **12** Kvar er løva som rana so mykje som ungarne vilde hava, og drap åt løvemøderne, ja, fyllte upp holorne sine med ran og hii sine med det sundrivne? **13** Sjå, eg skal venda mot deg, segjer Herren, allhers drott. Vognerne dine skal eg lata ganga upp i røyk, og dine unge løvor skal sverdet øyda. Eg skal rydja ditt rov ut frå jordi. Og ingen skal meir høyra røysti åt dine sendemenner.

**3** Usæl du blod-by, som all igjenom er full av lygn og vald, du som aldri held upp med å rana. **2** Høyr svepesmell og ramling av hjul og hestar i flog og hoppande vogner! **3** Ridar i tvisprang og logande sverd og blinkande spjot! Drepne i mengd og dungar av daude kroppar. Ingen ende er det på daude. Ein snåvar i lik. **4** Alt dette for den mangfelte hordomen som ho dreiv, ho, den fagre og trollkunnige skjøkja, som selde folkeslag ved hordomen sin og folke-ætter ved trolldomskunsterne sine. **5** Sjå, eg skal venda meg mot deg, segjer Herren, allhers drott. Eg skal lyfta kjolefalden din upp yver andlitet ditt og syna folkeslagi blygsli di og kongeriki skammi di. **6** Eg skal kasta saur på deg og svivyrda deg. Ja, til eit skodespel skal eg gjera deg. **7** Og kvar og ein som ser deg, skal fly frå deg og segja: «Nineve er lagt i øyde. Men kven kann tykkja synd i henne? Kvar skal eg søkja trøystarar åt deg?» **8** Er du betre enn No-Amon, som låg ved Nilelvi, umringa av vatn, med hav til vern, hav til mur? **9** Ætiopar i mengd og uteljande egyptarar; Put-menner og Libya-menner var hjelpeheren hennar. **10** Ho og laut ganga ut i utlægd, sitja fange. Småborni hennar vart krasa på alle gatehyrno. Um alle gjævingarne hennar kasta dei lut, og alle hennar stormenner vart sette i jarn. **11** Du skal og drikka og verta sanselaus. Du og skal søkja ei livd imot fienden. **12** Alle dine borger likjest på fiketre med snar-mogne fikor; ved minste skaking dett dei i munnen på den som vil eta. **13** Sjå, ditt mannskap er kvinnfolk midt i deg. Portarne til landet ditt stend vidopne for dine fiendar. Elden hev øydt upp dine portslåer. **14** Aus deg vatn til kringsetjingi! Vøl um dine skansar! Gakk ut gyrma og stampa leira! Triv tiglsteinsformi! **15** Der skal elden eta deg, sverdet øyda deg ut, ja, øyda deg som engspettor, um du og sjølv

samlar skarar so tallause som engspettor, ei ovmengd
som grashoppar. **16** Um du og hev kræmarar fleire
enn stjernor på himmelen, so skal du vita: engspettor
skyt hamen og flyg burt. **17** Ja, fyrstarne dine er som
grashoppar og hovdingarne dine som svermar av
engtytor; dei slær læger i hegni med det er svalt. Men
når soli kjem fram, flyg dei burt, og ingen veit kvar det
vert av deim. **18** Hyrdingarne dine blundar, du Assur-
konge, gjævingarne dine søv. Folket ditt sundsprengt
på fjelli, og ingen samlar det saman. **19** Ditt mein
er ulækjande, ditt sår er til ulivs. Ved tiendi um deg
klappar alle i handi. For kven hev ikkje din vondskap
råka stødt og stendigt?

# Habakuk

**1** Framsegni som profeten Habakuk skoda. **2** Kor
lenge, Herre, skal eg ropa, og du høyrer ikkje? Eg
skrik til deg um vald, og du hjelper ikkje. **3** Kvi let
du meg skoda urett, og du ser på møda? Øyding og
valdsverk hev eg for augo, kiv yppast, trettor kjem
upp. **4** Difor valnar lovi, og retten når aldri fram. Den
gudlause ringar inne den rettferdige, difor kjem retten
fram rengd. **5** Sjå ut millom folki, skoda og undrast,
ja undrast! For eg gjer eit verk i dykkar dagar - de
vilde ikkje tru det når det vart fortalt. **6** Sjå, eg vekkjer
kaldæarane, det kvasse og bråe folket, som fer fram so
vida som jordi når, og eignar til seg framande bustader.
**7** Fælslege, skræmelege er dei, rett og velde råder dei
seg sjølv. **8** Hestarne deira er rappare enn panterar og
ramare enn ulvar um kvelden, og hestfolket deira kjem
i rennande fart, hestfolket deira kjem langt burtanfrå,
flyg som ørnen som fer etter åta. **9** På veg til vald
er dei alle, samlyndt snur dei andlitet fram, og dei
sankar fangar som sand. **10** Dei hev kongar til spott og
hovdingar til lått, dei lær åt kvar ei borg, dei dungar i
hop mold og tek borgi. **11** So stryk dei sin veg som ein
vind, og dei fer fram og fører skuld yver seg, for dei
hev si eigi kraft til sin Gud. **12** Er ikkje du frå fordoms
tid, Herren, min Gud, min Heilage? Me skal ikkje døy.
Herre, til dom hev du honom sett. Du fjell, til refsing
hev du laga honom. **13** Augo dine er for reine til å
sjå på det som vondt er, og du orkar ikkje skoda på
møda. Kvi ser du då på svikarar? Tegjer stilt når den
ugudlege gløypar den som er meir rettferdig enn han?
**14** Du gjer menneskje like med havsens fiskar, med
kreket som ingen herre hev. **15** Deim alle dreg han upp
med krok, samlar deim i sitt garn, og sankar deim i si
not. Difor gled han seg og jublar. **16** Difor ofrar han til
garnet sitt, brenner røykjelse for noti si, for dei gjev
honom hans feite lut og mergfull mat. **17** Skal han difor
få tøma garnet sitt og stødt og stendigt drepa folkeslag
utan skonsel?

**2** På vaktposten min vil eg stiga upp og standa på
varden, og eg vil skygna og sjå kva han vil tala med
meg, og kva svar eg fær på mitt ankemål. **2** Og Herren
svara meg og sagde: Skriv upp syni og rita henne
tydeleg på tavlorne, so kvar og ein kann lesa det lett!
**3** For endå lyt syni venta på si tid, men ho stundar
etter målet og skal ikkje svika. Um ho drygjer, so bia
på henne, for ho kjem nok, ho skal ikkje verta burte.
**4** Sjå kor hjartans kaut og krokut han er! Men den
rettferdige, ved si tru skal han liva. **5** For liksom vinen
ikkje er å lita på, so skal den kaute karen ikkje få bu i
ro, um han so gaper som helheimen og er som dauden
umettande, og um han hev sanka til seg alle folk og
henta til seg alle folkeslag. **(Sheol h7585)** **6** Alle dei skal i
sanning setja i med spottesong um honom og sneida
etter honom i gåtor; dei skal segja: «Usæl den som
dungar i hop det han ikkje eig - kor lenge? - Og som
lesser på seg pant!» **7** Brått skal dei reisa seg dei som
skal pina deg, og vakna dei som skal ruska i deg, so
du vert til ran for deim. **8** Av di du hev plundra mange
folk, so skal alt det som vert att er av folki, plundra deg,
for manneblod skuld og for valdsverk mot jordi, mot
byen og alle som bur der. **9** Usæl den som dreg ihop
låk vinning til huset sitt, av di han vil byggja reiret sitt i
høgdi og sleppa frå ulukke-hand! **10** Du hev rådlagt til
skam for ditt hus, rådlagt um å øyda mange folk, og
soleis synda mot deg sjølv. **11** For steinen skrik utor
muren, og frå treverket svarar bjelken. **12** Usæl den
som byggjer by med blod og reiser borg med urett! **13**
Er ikkje det av Herren, allhers drott: «Folki arbeider for
elden, og folkeslagi møder seg ut for inkje?» **14** «For
jordi skal fyllast med kunnskap um Herrens herlegdom
liksom vatnet fyller havet.» **15** Usæl den som skjenkjer
andre med harm iblanda, ja, drikk deim drukne, so han
kann skoda blygsli deira. **16** Du vert metta med skam
for æra. Drikk du, og syn di fyrehud! Staupet i Herrens
hand kjem til deg, og skjemsla skyler di æra. **17** For
valdsferdi mot Libanon skal velta yver deg, og øydingi
av dyri som skræmde dei, for manneblod skuld og for
valdsverk mot jordi, mot byen og alle som bur der. **18**
Kva gagnar eit utskore bilæte, sidan treskjeraren hev
skore det? Eller eit støypt bilæte, ein ljugarlærar, sidan
støyparen lit so på det, at han lagar mållause avgudar?
**19** Usæl den som segjer til stokken: «Vakna!» Og:
«Reis deg!» til mållause steinen. Skulde den vera
lærar? Visst er han slegen med gull og sylv, men det
finst ikkje ånd i honom. **20** Men Herren er i sitt heilage
tempel; ver still for honom, all jordi!

**3** Ei bøn av profeten Habakuk. Etter Sjigjonot. **2**
Herre, eg hev høyrt tidendi um deg, eg er forfærd.
Herre, ditt verk - kveik det upp att i desse åri! Kunngjer
det i desse åri! Midt i harm kom miskunn i hug! **3**
Gud kjem frå Teman, og den Heilage frå Paranfjellet.
(Sela) Hans herlegdom tekkjer himmelen, og jordi er
full av hans pris. **4** Det vert ein glans som av soli,
geislar gjeng frå hans sida; der løyner seg hans magt.
**5** Fyre honom gjeng sott, og sykja fylgjer hans fotfar. **6**
Han stoggar, og jordi ristar, han ser, og folki skjelv;
dei gamle fjelli sprekk, og ævordoms-haugarne sig i
hop. Han fer på vegar frå fordom. **7** Kusans tjeldbuder
ser eg i vande, tjeldi i Midjanslandet skjelv. **8** Logar
din harm mot elvar, Herre? Din vreide mot elvarne?
Harmast du på havet, sidan du ferast med hestarne
dine, med sigervognerne dine? **9** Berr, ja berr er

bogen din. Svorne er refsingsris i ordet. (Sela) Til elvar
kløyver du jordi. **10** Fjelli ser deg og skjelv, støyteregn
sturtar ned, djupet dyn og styn, det lyfter henderne mot
høgheim. **11** Sol og måne gjeng inn i sitt hus for skinet
frå dine farande piler, for glansen av ditt ljonande spjot.
**12** I harm skrid du fram yver jordi, i vreide trøder du
folk under fot. **13** Du dreg ut til frelsa for folket ditt,
til frelsa for honom som du salva. Du krasar hovudet
på huset åt den gudlause, du gjer grunnen berr alt
til halsen. (Sela) **14** Med hans eigne spjot sting du
gjenom hovudet på hovdingarne hans som stormar
fram, vil spreida meg, som gleder seg som det galdt
i løynd å eta ein arming upp. **15** Du fer yver havet
med hestarne dine, det velduge brusande vatnet. **16**
Eg hev høyrt det, og hjarta skalv. Ved ljoden bivrar
lipporne mine, beini morknar i meg, og eg skjelv der
eg stend. For eg lyt tolug bia på trengsledagen, til han
dreg upp som trengjer folket. **17** For fiketreet blømer
ikkje, og vintreet ber ikkje frukt, olje-avlen mislukkast.
Og markene ber ikkje mat; sauerne kverv or kvii, og
det finst ikkje fe i fjøset. **18** Men eg vil frygda meg
i Herren, vil gleda meg i Gud som frelser meg. **19**
Herren, Herren er min styrke, han gjev meg føter
som ei hind og let meg skrida yver mine haugar. Til
songmeisteren, med min strengleik.

# Sefanias

**1** Herrens ord som kom til Sefanja, son åt Kusi, son
åt Gedalja, son åt Amarja, son åt Hizkia, i dei dagar
då Josia Amonsson var konge i Juda. **2** Burt, ja burt vil
eg taka alt frå jordi, segjer Herren. **3** Eg vil taka burt
menneskje og dyr, taka burt fuglarne under himmelen
og fiskarne i havet og støytesteinarne i lag med dei
gudlause, og eg vil rydja menneski ut av jordi, segjer
Herren. **4** Og eg vil retta ut handi mi mot Juda og
alle deim som bur i Jerusalem, og eg vil rydja ut frå
denne staden den siste leivning av Ba'al, namnet åt
avgudsprestarne i lag med prestarne, **5** deim som på
taki bed til himmelheren, deim som bed til og sver
ved Herren og attpå sver ved Milkom, **6** og deim som
hev vendt seg burt frå Herren, og deim som ikkje hev
søkt Herren og ikkje spurt etter honom. **7** Ver stille for
Herren, Herren! For Herrens dag er nær, Herren hev
laga til eit slagtoffer, han hev vigt sine gjester. **8** Og på
Herrens slagtofferdag vil eg heimsøkja hovdingarne og
kongssønerne og alle som klæder seg i utanlands-
klæde. **9** Og eg vil på den dagen heimsøkja alle deim
som hoppar yver dørstokken, dei som fyller sin Herres
hus med vald og svik. **10** På den dagen, segjer Herren,
skal det høyrast skrik frå Fiskeporten, jammer frå
Nybyen og stort brak frå høgderne. **11** Jamra, de som
bur i Mortelen, for heile kræmerfolket er gjort til inkjes,
og alle kjøpmenner utrudde. **12** Og på den same tidi vil
eg ransaka Jerusalem med lykter og heimsøkja dei
menneskje som ligg i ro på sin berm og segjer i sitt
hjarta: «Herren gjer korkje godt eller vondt.» **13** Og
eigedomen deira skal verta til herfang og husi deira til
tjon. Hus skal dei byggja, men ikkje bu i deim, vinhagar
skal dei planta, men ikkje drikka deira vin. **14** Nær er
Herrens dag, den store. Han er nær og kjem med stor
hast. Høyr! Det er Herrens dag! Sårt skrik då kjempa.
**15** Ein vreide-dag er den dagen, ein dag med naud og
trengsla, ein dag med øyding og audner, ein dag med
myrker og dimma, ein dag med skyer og skodda, **16**
ein dag med lurblåster og herrop mot dei faste byar
og mot dei høge murtindar. **17** Då vil eg setja folk i
slik angest, at dei gjeng der som blinde, for di dei hev
synda mot Herren. Blodet deira skal verta burtslengt
som mold, og kjøtet deira som møk. **18** Korkje sylvet
eller gullet deira skal kunde berga deim på Herrens
vreide-dag, når elden frå hans brennhug øyder all jordi;
for han vil gjera ende, ja, ein brå ende på alle deim
som bur på jordi.

**2** Samla dykk og sansa dykk, du folk som ikkje
blygjest! **2** fyrr rådgjerdi føder - som agner fer dagen
fram - fyrr Herrens brennande vreide kjem yver dykk,
fyrr Herrens vreide-dag kjem yver dykk. **3** Søk Herren
alle de audmjuke i landet, som held lovi hans! Søk
rettferd, søk audmykt! Kann henda vert de då livde på
Herrens vreide-dag! **4** For Gaza skal verta folketomt,
Askalon til ei øydemark, Asdod-folket skal jagast ut
midt på ljose dagen og Ekron rykkjast upp med rot. **5**
Usæle dei som bur i bygdi utmed havet, kretarfolket.
Herrens ord er yver deg, Kana'an, Filistarland. Ja,
eg vil leggja deg i øyde, so ingen skal bu i deg. **6**
Og bygdi utmed havet skal liggja til hamnegang med
gjætarbrunnar og sauegardar. **7** Og leivningen av
Judas hus skal få bygdi til sin lut, der skal dei hava
beite. I Askalon-husi skal dei liggja um kvelden, når
Herren, deira Gud, ser til deim, og vender deira lagnad.
**8** Eg hev høyrt svivyrdingi frå Moab og spottordi frå
Ammons-borni, som dei hev svivyrdt mitt folk med og
briska seg mot landet deira. **9** Difor, so visst som eg
lever, segjer Herren, allhers drott, Israels Gud, skal
det ganga Moab som Sodoma og Ammons-sønerne
som Gomorra: Dei skal verta til netlemark, saltgruva
og øydemark til æveleg tid. Resten av folket mitt skal
plundra deim, leivningen av lyden min skal få deim til
eiga. **10** Dette skal henda deim for deira storlæte, for di
dei svivyrde og briska seg mot folket åt Herren, allhers
drott. **11** Fæl skal Herren vera mot deim, for han skal
øyda ut alle gudarne på jordi. Alle heidninglandi skal
kasta seg ned for honom, kvar frå sin stad. **12** De og,
ætiopar - gjenomstungne av sverdet mitt er dei. **13**
Han retter ut handi mot nord og tyner Assur og gjer
Nineve til ei øydemark, til turre heidi. **14** Hjorder skal
lægra seg der inne, alle slag villdyr i flokk. Pelikan og
bustyvel skal natta på sulehovudi der, fuglelåt høyrast i
vindaugo, øyda bu på dørstokken, for cederpanelet
hev han rive. **15** Dette er den jublande byen, som sat
so trygt og sagde i sitt hjarta: «Eg og ingen annan!»
Kor aud han er vorten, eit læger for villdyr! Kvar den
som framum fer, blistrar og vinkar med handi.

**3** Usæl han, den tråssuge og ureine, valdsbyen!
**2** Han høyrer ikkje på røysti åt nokon, tek ikkje
tukt. På Herren lit han ikkje, til sin Gud vil han ikkje
koma. **3** Hovdingarne der inne er burande løver,
domarane hans er som ulvar um kvelden; dei sparar
inkje til morgondagen. **4** Profetarne hans er skrythalsar,
trulause menner, prestarne vanhelgar det heilage, gjer
vald mot lovi. **5** Herren er rettferdig der inne, gjer ikkje
urett. Kvar morgon let han sin dom koma fram i ljoset,
det glepp ikkje. Men den urettferdige kjenner ikkje
skam. **6** Eg hev øydt ut folkeslag, deira murtindar vart
nedbrotne. Eg gjorde gatorne deira aude, so ingen
ferdast på deim; byarne deira vart herja, so dei er utan
folk, utan ibuar. **7** Eg sagde: Berre du vil ottast meg,

taka tukt, so skal bustaden din ikkje verta øydelagd
med alt det som eg hev gjeve deg i varetekt. Like vel
var dei uppsette på å lata alle sine gjerningar vera
illverk. **8** Difor, bia på meg, segjer Herren, til den
dagen eg ris upp til herfang. For det er min dom at
eg samlar folki og stemner saman kongeriki, renner
ut harmen min yver deim, all min brennande vreide;
for elden av min brennhug skal øyda heile jordi. **9**
For då vil eg gjeva folki nye, reine lippor, so dei kann
kalla på Herrens namn og samheldigt tena honom. **10**
Frå landet burtanfor elvarne i Ætiopia skal dei føra
mine tilbedarar, mitt spreidde folk bera fram offer til
meg. **11** På den dagen tarv du ikkje skjemmast ved alle
gjerningarne dine, som du synda imot meg med; for då
vil eg rydja burt frå deg deim som jublar so stolt i deg,
og du skal ikkje meir gjera deg stor på mitt heilage fjell.
**12** Men eg vil leiva i deg eit audmjukt og armt folk, og
dei skal lita på Herrens namn. **13** Israels leivning skal
ikkje gjera urett, dei skal ikkje tala lygn, og det skal
ikkje finnast svikfull tunga i deira munn. Ja, dei skal
beita og liggja i ro, utan at nokon skræmer deim. **14**
Jubla, dotter Sion! Lyft upp fagnadrop, Israel! Gled deg
og frygda deg av alt ditt hjarta, dotter Jerusalem. **15**
Herren hev vend straffedomarne ifrå deg, rudt fienden
din or vegen. Herren, Israels konge, er hjå deg. Du
tarv ikkje meir ottast noko vondt. **16** På den dagen
skal det segjast til Jerusalem: «Ottast ikkje, Sion, lat
ikkje henderne siga! **17** Herren din Gud er hjå deg,
ei kjempa som kann frelsa. Han gled seg yver deg
med fagnad, han tegjer i sin kjærleik; han jublar i frygd
yver deg.» **18** Eg samlar deim som med sorg hev
vore utestengde frå høgtidsstemnorne; dei er frå deg.
Vanæra tyngjer på deim. **19** Sjå, på den tidi vil eg taka
på trælkarane dine, og eg vil frelsa dei halte og sanka
saman dei burtdrivne og gjera deim til æra og gjetord
yver heile jordi, der dei fyrr var vanæra. **20** På den tid
let eg dykk koma heim att, på den tid sankar eg dykk,
og eg vil gjera dykk til gjetord og æra millom alle folki
på jordi, når eg vender lagnaden dykkar for augo på
dykk, segjer Herren.

# Haggai

**1** I andre styringsåret åt kong Darius, fyrste dagen
i sette månaden, kom Herrens ord ved profeten
Haggai til Zerubbabel Sealtielsson, jarl yver Juda,
og til øvstepresten Josva Josadaksson: **2** So segjer
Herren, allhers drott: Dette folket segjer: «Det er ikkje
enno tid til å koma, tid til å byggja Herrens hus.» **3**
Men so kom Herrens ord ved profeten Haggai: **4** Er
det då tid for dykk sjølve å bu i dykkar bordklædde
hus, medan dette huset ligg i øyde? **5** Og no segjer
Herren, allhers drott, so: Agta på korleis det gjeng
dykk! **6** De sår mykje, og haustar lite; de et og vert ikkje
mette; de drikk og sløkkjer ikkje torsten; de klæder
dykk og vert ikkje varme; leigetenaren fær si løn i ein
botnelaus pung. **7** So segjer Herren, allhers drott:
«Agta på korleis det gjeng dykk!» **8** Far til fjells og
henta timber og bygg upp templet, so eg kann hava
hugnad i det og syna meg herleg, segjer Herren. **9** De
vona mykje og vann lite; de førde heim og eg bles det
burt. Kvifor? segjer Herren, allhers drott. Jau, for mitt
hus skuld, av di det ligg i øyde, medan de sjølve hev
det annsamt kvar med sitt hus. **10** Difor hev himmelen
meinka dykk dogg og jordi meinka dykk grøda. **11** Eg
hev kalla turk yver land og fjell, yver korn og druvesaft
og olje og alt som gror på marki, yver folk og fe og
all dykkar arbeidsvinning. **12** Zerubbabel Sealtielsson
og øvstepresten Josva Josadaksson og alt det som
var att av folket lydde på Herren, sin Gud, og ordi frå
profeten Haggai, av di Herren, deira Gud, hadde sendt
honom; og folket bar age for Herren. **13** Og Herrens
sendebod Haggai bar fram Herrens bod til folket: Eg er
med dykk, segjer Herren. **14** Og Herren kveikte hugen
hjå Zerubbabel Sealtielsson, jarlen yver Juda, og hjå
øvstepresten Josva Josadaksson og hjå alle deim som
var att av folket, so dei lagde i veg og arbeidde på
huset åt Herren, allhers drott, deira Gud; **15** den fire og
tjugande dagen i sette månaden i andre styringsåret åt
kong Darius.

**2** Den ein og tjugande dagen i sjuande månaden
kom Herrens ord ved profeten Haggai: **2** Tala
til Zerubbabel Sealtielsson, jarlen i Juda, og til
øvstepresten Josva Josadaksson og til det som er att
av folket. **3** Finst det endå nokon attlivande millom dykk
som hev set dette huset i sin fyrre herlegdom? Kva
tykkjer de um det no? Er det ikkje for augo dykkar som
inkjevetta? **4** Men ver hugheil no, Zerubbabel! segjer
Herren, ver hugheil, øvsteprest Josva Josadaksson!
ver hugheilt, alt folket i landet! segjer Herren, og
arbeid! For eg er med dykk, segjer Herren, allhers
drott; **5** den avtalen eg gjorde med dykk ved utferdi
frå Egyptarland, skal standa ved lag, og min ande
skal bu millom dykk. Ver ikkje rædde! **6** For so segjer
Herren, allhers drott: Enno ein gong um eit lite bil skal
eg skaka himmel og jord og hav og land. **7** Eg skal
skaka alle folki, so dei dyraste eignaluterne frå alle
folki skal koma hit, og eg skal fylla dette huset med
herlegdom, segjer Herren, allhers drott. **8** Sylvet er
mitt, og gullet er mitt, segjer Herren, allhers drott. **9**
Den komande herlegdom i dette siste huset skal verta
større enn det fyrre, segjer Herren, allhers drott; og på
denne staden vil eg gjeva fred, segjer Herren, allhers
drott. **10** Den fire og tjugande dagen i niande månaden
i andre styringsåret åt kong Darius kom Herrens ord
ved profeten Haggai. **11** So segjer Herren, allhers drott:
Spør kva prestarne lærer um dette: **12** Um ein mann
ber heilagt kjøt i klædesnippen og so med snippen
kjem nær noko brød eller kokemat eller vin eller olje
eller anna etande, vert då det heilagt? Prestane svara
nei. **13** So spurde Haggai: «Men um ein hev vorte urein
av eit lik og so kjem nær noko av alt dette, vert det då
ureint?» Prestarne svara ja. **14** Då tok Haggai til ords
og sagde: Soleis er det med denne lyden, og soleis
er det med dette folket i mine augo, segjer Herren,
og like eins med alt det deira hender gjer, og det dei
ofrar der, det er ureint. **15** Gjev no gaum frå i dag og
attende. Fyrr de tok til og lagde stein på stein i Herrens
tempel, **16** når einkvan i den tid gjekk til ein korndunge
på tjuge skjeppor, so fann han berre ti; når einkvan
gjekk til ei vinpersa og vilde ausa upp femti mål, so
fekk han ikkje meir enn tjuge. **17** Eg søkte dykk med
sotbrand og rust og haglver yver alt dykkar arbeid, og
endå vende de ikkje um til meg, segjer Herren. **18**
Men gjev gaum no frå i dag og attende, frå fire og
tjugande dagen i niande månaden alt til den dagen
då Herrens tempel vart tufta. Gjev gaum! **19** Finst det
enno att noko sæde i kornburet? Og korkje vintreet
eller fiketreet eller granatapallen eller oljetreet hev bore
noko! Frå i dag skal eg velsigna. **20** Andre gongen
kom Herrens ord til Haggai den fire og tjugande dagen
i månaden: **21** Seg til Zerubbabel, jarlen yver Juda:
Eg skal skaka himmel og jord; **22** eg skal velta i koll
kongsstolarne og tyna veldet åt dei heidne kongeriki;
eg skal velta stridsvognerne og deim som stend på
deim, og hestarne skal stupa og ridarene med, den
eine for sverdet åt hin. **23** Den dagen, segjer Herren,
allhers drott, tek eg deg, Zerubbabel Sealtielsson, du
min tenar, og gjer deg til ein seglring; for deg hev eg
valt ut, segjer Herren, allhers drott.

# Sakarias

**1** I den åttande månaden i andre styringsåret åt
Darius kom Herrens ord til profeten Zakarja, son til
Berekja, son til Iddo; han sagde: **2** Ofseleg harm var
Herren på federne dykkar. **3** Seg difor no til deim: So
segjer Herren, allhers drott: Vend um til meg, segjer
Herren, allhers drott, so skal eg venda um til dykk,
segjer Herren, allhers drott. **4** Ver ikkje like federne
dykkar som dei fyrre profetarne varsla med desse
ordi: «So segjer Herren, allhers drott: Vend då um frå
dei vonde vegarne dykkar og dei vonde gjerningarne
dykkar! Men dei høyrde ikkje og vyrde meg ikkje,
segjer Herren. **5** Federne dykkar, kvar er dei? Og
profetarne, kann dei liva til æveleg tid? **6** Men mine
ord og mine rådgjerder, som eg baud mine tenarar,
profetarne, å forkynna, råka dei ikkje federne dykkar,
so dei venda um og sagde: «Som Herren, allhers drott,
hadde sett seg fyre å gjera med oss etter våre vegar
og våre gjerningar, so hev han gjort med oss.» **7** På
den fire og tjugande dagen i ellevte månaden - det er
månaden sebat - i andre styringsåret åt Darius, kom
Herrens ord til profeten Zakarja, son til Berekja, son til
Iddo, soleis: **8** Ei syn hadde eg um natti: Ein mann
ridande på ein raud hest; han stod still millom myrtetrei
i dalbotnen, og attanfor han stod raude, brune og kvite
hestar. **9** Då spurde eg: «Kva er dette, herre?» Og
engelen som tala med meg, svara: «Eg skal syna deg
kva dette er.» **10** Mannen millom myrtetrei tok då til
ords og sagde: Dette er dei som Herren hev sendt ut
til å fara ikring på jordi.» **11** Og dei tok til ords og svara
Herrens engel som stod millom myrtetrei: «Me hev
fare ikring på jordi, og me hev set at heile jordi kviler i
fred og ro.» **12** Då tok Herrens engel til ords og sagde:
«Herre, allhers drott! Kor lenge vil du drygja fyrr du gjer
miskunn mot Jerusalem og byarne i Juda, som du hev
harmast på no i sytti år?» **13** Herren svara då engelen
som tala med meg, med gode og trøystande ord. **14**
Og engelen som tala med meg, sagde til meg: «Dette
skal du forkynna: So segjer Herren, allhers drott: Eg
er brennande ihuga for Jerusalem og Sion, **15** og
gruveleg vreid er eg på dei sjølv-trygge heidningfolki;
for eg var berre litegrand vreid; men dei auka ulukka.
**16** Difor segjer Herren so: Eg vil atter venda meg til
Jerusalem med miskunn. Huset mitt skal verta bygt
der, segjer Herren, allhers drott, og mælesnor skal
verta spana ut yver Jerusalem. **17** Framleides skal
du forkynna: So segjer Herren, allhers drott: Endå
ein gong skal byarne mine fløyma yver av det som
godt er, endå skal Herren trøysta Sion, endå ein gong
velja ut Jerusalem.» **18** So lyfte eg upp augo mine
og fekk sjå fire horn. **19** Då spurde eg engelen som
tala med meg: «Kva er dette?» Og han sagde til meg:
«Dette er dei horni som hev spreidt Juda, Israel og
Jerusalem.» **20** So let Herren meg sjå fire smedar, **21**
og eg spurde: «Kva skal desse gjera?» Han svara:
«Det var horni som spreidde Juda so at ingen lyfte
hovudet sitt. Desse er no komne og skal skræma deim
og slå av horni på dei heidningfolki som lyfte horn mot
Judalandet til å spreida det.»

**2** Og eg lyfte upp augo mine og fekk sjå ein mann
med ei mælesnor i handi. **2** Då spurde eg: «Kvar
gjeng du?» Han svara: «Eg skal mæla Jerusalem
og sjå kor breidt og kor langt det skal verta.» **3** Då
kom han fram den engelen som tala med meg, og ein
annan engel kom imot honom. **4** Og han sagde til
honom: «Spring og seg til denne unge mannen: «Fritt
og ope skal Jerusalem liggja; slik ei mengd med folk
og fe skal finnast der. **5** Men eg skal sjølv vera ein
eldmur rundt ikring, segjer Herren, og eg skal syna
meg herleg der inne.»» **6** Ai, ai! Skunda dykk burt frå
Norderlandet, segjer Herren; for eg hev då spreidt
dykk for alle heimsens fire vindar, segjer Herren. **7** Ai!
Sion! Røm undan, du som bur hjå dotteri Babel. **8** For
so segjer Herren, drott: For sin herlegdom skuld hev
Herren sendt meg til heidningfolki som plundra dykk;
for den som rører dykk, rører ved augnesteinen hans.
**9** Sjå, eg lyfter handi mi mot deim, og dei skal verta
til herfang for trælarne sine, og de skal få kjenna at
Herren, allhers drott, hev sendt meg. **10** Ropa høgt av
frygd og gleda, du dotter Sion! For sjå, eg kjem og vil
bu hjå deg, segjer Herren. **11** Og mange heidningfolk
skal venda seg til Herren på den dagen og verta mitt
folk; ja, eg vil bu hjå deg, og du skal få kjenna at
Herren, allhers drott, hev sendt meg til deg. **12** Og
til sin eigedom og arvlut skal Herren taka Juda i det
heilage landet og endå ein gong velja ut Jerusalem. **13**
Ver stilt, alt kjøt, for Herren! For han hev rise upp og
gjenge ut or sin heilage bustad.

**3** So let han meg sjå Josva, øvstepresten. Han stod
framfor Herrens engel, og ved høgre sida hans
stod Satan og vilde klaga honom. **2** Men Herren sagde
til Satan: «Herren skal skjella deg ut, Satan! Herren
skal skjella deg ut, han som hev valt ut Jerusalem!
Er ikkje denne ein brand som er berga ut or elden?»
**3** Men Josva var klædd i skitne klæde der han stod
framfor engelen. **4** Då tok engelen til ords og sagde til
deim som stod framfor honom: «Tak av honom dei
skitne klædi!» Og til honom sjølv sagde han: «Sjå, eg
hev teke burt syndeskuldi di, og no skal du klædast i
høgtidsbunad.» **5** Då sagde eg: «Å, set ei rein huva på
hovudet hans!» Og dei sette den reine huva på hovudet
hans og hadde på honom klædi, medan Herrens engel

stod der. 6 Og Herrens engel vitna for Josva og sagde:
7 «So segjer Herren, allhers drott: Dersom du gjeng på
mine vegar og held mine fyresegner, so skal du både
få styra mitt hus og vakta mine fyregardar, og eg skal
gjeva deg lov til å ferdast millom desse som her stend.
8 Høyr no, Josva, du øvsteprest! Du og dine felager
som sit her framfyre deg, skal vera teikn og fyrebod;
for sjå, eg vil lata tenaren min, Renning koma. 9 For
sjå, den steinen som eg hev lagt framfor Josva - på
denne eine steinen vaker sju augo - på denne steinen
ritar eg innskrifti som høyrer til, segjer Herren, allhers
drott, og eg taka burt syndeskuldi åt dette landet på ein
einaste dag. 10 På den dagen, segjer Herren, allhers
drott, skal kvar og ein av dykk kunna beda venen sin til
gjestebod under vintreet og fiketreet.»

**4** Sidan kom engelen som tala med meg, og vekte
meg att liksom ein mann vert vekt or svevnen, 2
og han sagde til meg: «Kva ser du?» Eg svara: «Eg
ser ein ljosestake som er heilt av gull, med oljeskåli si
på toppen og sine sju lampor, og med sju røyrer som
gjeng til lamporne der ovantil, 3 og tvo oljetre stend
attved, eitt på høgre sida av oljeskåli og eitt på vinstre
sida.» 4 Og eg tok til ords og spurde engelen som
tala med meg: «Kva skal desse ting tyda, herre?» 5
Engelen som tala med meg, svara og sagde til meg:
«Skynar du ikkje kva dette tyder?» Eg svara: «Nei,
herre?» 6 Då tok han til ords og sagde til meg: «Dette
er Herrens ord til Zerubbabel: Ikkje med magt og ikkje
med kraft, men med min ande, segjer Herren, allhers
drott. 7 Kven er du, du store fjell som reiser deg mot
Zerubbabel? Jamna deg ut til ei sletta! Han skal føra
fram toppsteinen medan dei ropar: «Nåde, nåde vere
med honom!»» 8 Og Herrens ord kom til meg soleis:
9 Zerubbabels hender hev tufta dette huset; hans
hender skal ogso fullenda det, og du skal få kjenna
at Herren, allhers drott, hev sendt meg til dykk. 10
For kven vil vanvyrda dagen som tok til i det små, når
desse sju med gleda ser blyloddet i Zerubbabels hand,
desse Herrens augo som fer ikring yver heile jordi?
11 Då tok eg til ords og sagde til honom: «Kva skal
dei tyda desse tvo oljetrei på høgre og vinstre sida av
ljosestaken?» 12 Og eg tok atter til ords og spurde
honom: «Kva skal dei tyda desse tvo oljegreinerne
tett attved dei tvo gullrøyrerne som det renn gull ned
ifrå?» 13 Då sagde han til meg: «Kva? Veit du ikkje
kva desse skal tyda?» Eg svara: «Nei, herre.» 14 Då
sagde han: «Det er dei tvo olje-sønerne som stend hjå
herren yver all jordi.»

**5** Sidan lyfte eg atter upp augo mine og fekk sjå ein
fjukande bokrull, 2 og han sagde til meg: «Kva ser
du?» Eg svara: «Eg ser ein fjukande bokrull, som er
tjuge alner lang og ti alner breid.» 3 Då sagde han til
meg: «Dette er forbanningi som gjeng ut yver heile
landet; for i samhøve med henne skal kvar den som
stel verta reinska burt her ifrå, og i samhøve med
henne skal kvar den som sver verta reinska burt her
ifrå. 4 Eg hev sendt henne ut, segjer Herren, allhers
drott, og ho skal ganga inn i huset til tjuven og inn i
huset til den som gjer rang eid ved mitt namn, og ho
skal setja seg fast der i huset og øydeleggja det, både
tre og stein.» 5 Sidan kom han fram den engelen som
tala med meg, og sagde til meg: «Lyft upp augo dine
og sjå kva det er som kjem fram der!» 6 Eg spurde:
«Kva er det?» Han svara: «Det er skjeppa som kjem
fram.» Og han sagde: «Soleis ser det ut med deim i
heile landet.» 7 Sjå, då vart eit rundt blylok lyft upp, og
der var ei kvinna som sat i skjeppa. 8 Då sagde han:
«Dette er gudløysa.» Og so tok han og slengde henne
ned i skjeppa og slo blyloket yver opningi. 9 Då eg
sidan lyfte upp augo mine, fekk eg sjå tvo kvinnor som
kom fram, og vinden fyllte vengjerne deira - for dei
hadde vengjer som storkevenger - og dei tok og lyfte
skjeppa upp millom himmel og jord. 10 Då spurde eg
engelen som tala med meg: «Kvar skal dei av med
skjeppa?» 11 Han svara: «Dei skal byggja eit hus åt
henne i Sinearlandet, og når det er ferdigt, skal ho
setjast ned der på sin stad.»

**6** Då eg atter lyfte upp augo mine, fekk eg sjå fire
vogner som kom fram millom tvo fjell, og fjelli var av
kopar. 2 For den fyrste vogni var det raude hestar, for
den andre vogni svarte hestar, 3 for den tridje vogni
kvite hestar, og for den fjorde vogni var det flekkute
sterke hestar. 4 Då tok eg til ords og sagde til engelen
som tala med meg: «Kva skal dette tyda, Herre?» 5
Og engelen svara og sagde til meg: «Det er dei fire
himmelvindarne. Dei hev vore kalla inn for Herren yver
all jordi og fer no av stad att. 6 Vogni med dei svarte
hestarne fer ut mot Norderlandet, dei kvite fylgjer etter
deim, og dei flekkute fer utimot Sudlandet.» 7 Men då
dei sterkaste skulde fara ut, var dei fysne etter å få
fara ikring på jordi, og han sagde: «Gakk, far ikring på
jordi!» Og dei for ikring på jordi. 8 So ropa han høgt
på meg og sagde til meg: «Sjå, dei som fer ut imot
Norderlandet, hev svala min harm på Norderlandet.» 9
Og Herrens ord kom til meg soleis: 10 Tak imot av
Heldai, Tobia og Jedaja gåvorne frå dei landlyste, ja,
gakk sjølv på denne dagen av stad til huset åt Josias
Sefanjason; for dit er dei komne frå Babel, 11 og tak
imot sylv og gull! Få so gjort ei kruna og set henne på
hovudet åt øvstepresten Josva Jesadaksson! 12 Og
seg til honom: «So segjer Herren, allhers drott: Sjå
der er ein mann som heiter Renning. Frå roti si skal

han renna upp, og han skal byggja Herrens tempel.
13 Ja, han skal byggja Herrens tempel, og han skal
vinna herlegdom og sitja og styra på kongsstolen sin,
og han skal vera prest på kongsstolen sin, og freds
samråd skal det vera millom deim båe. 14 Men kruna
skal vera i Herrens tempel til minne um Helem, Tobia
og Jedaja og Hen Sefanjason. 15 Og langt burtanfrå
skal dei koma og byggja på Herrens tempel, og de
skal få kjenna at Herren, allhers drott, hev sendt meg
til dykk. Og dette skal henda dersom de høyrer vel på
røysti åt Herren, dykkar Gud.»

7 I det fjorde styringsåret åt kong Darius kom Herrens
ord til Zakarja, på den fjorde dagen i den niande
månaden, i månaden kislev. 2 Då sende Betel Sareser
og Regem-Melek og mennerne hans av stad til å blidka
Herren 3 og spyrja prestarne i huset åt Herren, allhers
drott, og profetarne: «Skal eg gråta og fasta i den
femte månaden som me hev gjort no i mange, mange
år?» 4 Då kom ordet frå Herren, allhers drott, til meg
soleis: 5 Seg du til alt folket i landet og til prestarne:
Når de no i sytti år hev halde faste- og gråtedagar i
femte og sjuande månaden, er det då for meg de hev
fasta? 6 Og når de et, og når de drikk, er det då ikkje
de sjølve som et og drikk? 7 Var det ikkje dei ordi
Herren kunngjorde gjenom dei fyrre profetarne, då folk
budde i fred og tryggleik i Jerusalem og i landsbyarne
rundt ikring, og i Sudlandet og Låglandet like eins?
8 Og Herrens ord kom til Zakarja soleis: 9 Soleis
tala Herren, allhers drott: Seg rettvise domar og ver
kjærlege og miskunnsame mot kvarandre! 10 Enkjor
og farlause, framandfolk og fatige må de ikkje vera
harde med, og ikkje tenkja ut vondt mot kvarandre
i hjarta dykkar! 11 Men dei vilde ikkje høyra, og dei
sette ein stiv nakke imot; dei gjorde øyro sine dauve,
so dei skulde sleppa å høyra, 12 ja, hjarto sine gjorde
dei harde som demant, so dei skulde sleppa å høyra
lovi og dei ordi som Herren, allhers drott, sende ved
sin ande gjenom dei fyrre profetarne. Då kom det ein
stor vreide frå Herren, allhers drott. 13 Og av di dei
ikkje vilde høyra når han ropa, so sagde no Herren,
allhers drott: Eg vil ikkje høyra når dei ropar; 14 men
eg skal føykja deim burt millom alle heidningfolki som
dei ikkje kjenner, og landet skal liggja audt etter deim,
so ingen fer att og fram. Soleis gjorde dei det herlege
landet til ei øydemark.

8 Og Herren, allhers drott, sende ordet sitt soleis: 2
So segjer Herren, allhers drott: Eg er mykje, mykje
ihuga for Sion, ja, med brennande harm er eg ihuga
for det. 3 So segjer Herren: Eg vil venda attende til
Sion og taka bustad i Jerusalem, og Jerusalem skal
heita «Truskapsbyen» og fjellet åt Herren, allhers drott,
«Heilagfjellet». 4 So segjer Herren, allhers drott: Atter
skal gamle menner og gamle kvinnor sitja på torgi i
Jerusalem, alle med stav i hand for deira alderdom
skuld, 5 og torgi i byen skal vera fulle av gutar og
gjentor som leikar seg der på torgi. 6 So segjer Herren,
allhers drott: Um dette kjem til å synast umogelegt for
leivningen av dette folket i dei dagar, skulde det då
og synast umogelegt for meg? segjer Herren, allhers
drott. 7 So segjer Herren, allhers drott: Sjå, eg skal
frelsa folket mitt frå Austerheimen og Vesterheimen
8 og føra deim heim, og dei skal bu i Jerusalem og
vera mitt folk, og eg skal vera deira Gud i truskap og
rettferd. 9 So segjer Herren, allhers drott: Lat dykkar
hender vera sterke, de som i denne tid høyrer desse
ordi av dei same profetarne som tala på den dagen
då grunnsteinen vart lagd til huset åt Herren, allhers
drott, templet, som skulde byggjast upp! 10 Fyre desse
dagarne hadde korkje folk eller fe løn for strævet sitt,
og korkje den som gjekk ut eller den som gjekk inn var
trygg for fienden; for eg slepte alle menneskje laus
på kvarandre. 11 Men no vil eg ikkje vera som i dei
framfarne tider mot leivningen av dette folket, segjer
Herren, allhers drott. 12 Nei, trygt skal sædet vera:
Vintreet skal gjeva si frukt og jordi si grøda, himmelen
skal gjeva si dogg, og eg skal gjeva leivningen av dette
folket alt dette til eiga. 13 Då skal det henda: liksom de
hev vore ei forbanning millom folki, både Judas hus
og Israels hus, so vil eg no frelsa dykk, og de skal
verta ei velsigning. Ottast ikkje! Lat dykkar hender vera
sterke! 14 For so segjer Herren, allhers drott: Liksom
eg sette meg fyre å gjera vondt imot dykk, då federne
dykkar gjorde meg harm, og eg ikkje angra på det,
segjer Herren, allhers drott, 15 soleis hev eg no i desse
dagarne sett meg fyre å gjera vel imot Jerusalem og
Judas hus. Ottast ikkje! 16 Dette er det de skal gjera:
Tala sanning med kvarandre! Seg rette og fredsæle
domar i portarne dykkar! 17 Tenk ikkje på vondt mot
kvarandre i hjarta dykkar, og hav ikkje hug til rang eid!
For alt slikt hatar eg, segjer Herren. 18 Og ordet frå
Herren, allhers drott, kom til meg soleis: 19 So segjer
Herren: Fasta i den fjorde, femte, sjuande og tiande
månaden skal verta Judas hus til frygd og gleda og
gilde høgtider. Men elska sanningi og freden! 20 So
segjer Herren, allhers drott: Endå skal det verta so at
folkeslag skal koma, ja, folk frå mange byar, 21 og
folket i den eine byen skal fara til den andre og segja:
«Kom, lat oss ganga av stad og blidka Herren og søkja
Herren, allhers drott!» «Eg vil ganga, eg og.» 22 Og
då skal det koma mange folkeslag og mannsterke
heidningfolk og søkja Herren, allhers drott, i Jerusalem,
og blidka Herren. 23 So segjer Herren, allhers drott:
I dei dagarne skal det henda at ti mann av alle dei

tungemål som vert tala millom heidningfolk, tek fat i
kjolesnippen åt ein mann frå Juda og segjer: «Me vil
ganga med dykk; for me hev høyrt at Herren er med
dykk.»

**9** Ei framsegn, Herrens ord mot Hadraks land, og
i Damaskus skal det slå seg ned; for Herren hev
auga med manneætti og med alle Israels ætter, **2** ja,
ogso Hamat som ligg attved, Tyrus og Sidon, so kloke
dei er. **3** Tyrus bygde seg ei borg, dunga i hop sylv
som mold og gull som gateskarn. **4** Sjå, Herren vil
arma henne ut, kasta ringmuren hennar i havet, og ho
sjølv skal verta til føda for elden. **5** Askalon skal sjå
det og ottast, og Gaza vrida seg i stor rædsla; likeins
Ekron, av di hennar von hev vorte til skammar, Gaza
skal missa kongen sin, Askalon skal verta folketom.
**6** Og Asdod skal hysa berre herk; ja, eg vil gjøra
enda på storlætet åt filistarane. **7** Eg vil taka blodet ut
av munnen deira og styggedomen burt frå tennerne
deira; og då skal dei og verta ein leivning for vår Gud.
Då skal dei verta liksom ættehovdingar i Juda, og
Ekron skal vera som ein jebusitarne. **8** Og eg skal
lægra meg og verja huset mitt mot herar som kjem
og gjeng, og ikkje meir skal nokon valdsherre velta
seg inn yver deim; for no hev eg set med eigne augo.
**9** Gled deg storleg, du dotter Sion! Ropa av frygd,
du dotter Jerusalem! Sjå, kongen din kjem til deg;
rettferdig og frelst er han. Smålåten kjem han ridande
på eit asen, på ein ung asenfole. **10** Eg vil rydja burt
stridsvognerne frå Efraim og hestarne frå Jerusalem,
og alle stridsbogarne skal rydjast burt; han skal tala
fred til folki, og hans herrevelde skal nå frå hav til hav
og frå Storelvi til verdsens endar. **11** For ditt paktblod
skuld vil eg og fria dine fangar ut or brunnen der det
ikkje finst vatn. **12** Vend attende til den faste borgi, de
fangar som hev von! Ogso i dag gjer eg kunnigt: Eg
skal gjeva deg tvifelt att. **13** For eg spenner Juda som
ein boge, fyller Efraim som eit pilehus, og dine søner,
du Sion, eggjar eg mot dine søner, du Javan, og eg
gjer deg lik med sverdet åt ei kjempa. **14** Ja, Herren
skal syna seg yver deim, og pili hans fer ut som ein
elding, Herren, Herren skal blåsa i luren og fara fram i
sunnanstormarne. **15** Herren, allhers drott, skal halda
skjolden sin yver deim, og dei skal gløypa, med di dei
trakkar slyngjesteinar under føter; dei skal drikka og
ståka som av vin og verta fulle som offerskåler og
altarhyrno. **16** Ja, Herren, deira Gud, skal gjeva deim
siger på denne dag; for dei er då det folket han hev
teke til si hjord, og liksom glimesteinar i ei kruna strålar
yver landet hans. **17** Å, kor gildt og kor fagert det er!
Kornet gjev ungguten merg i bein, og druvesafti fostrar
upp fagre møyar.

**10** Herren må de beda um regn i tidi for vårregnet,
Herren er det som skaper torever, og han
sender fossande flod-skurer, gjev grøda på marki for
kvar ein mann. **2** Men husgudarne talar fåfengd, og
spåmennerne ser falske syner. Tome draumar talar
dei, og svikfull er deira trøyst. Difor laut dei reika ikring
som ein saueflokk og lida vondt av di det ikkje er nokon
hyrding. **3** Mot hyrdingarne er harmen min kveikt, og
bukkarne vil eg heimsøkja, ja, Herren, allhers drott, ser
til si hjord, Judas hus, og gjera henne til stashesten
sin i striden. **4** Frå det skal koma hyrnestein, frå det
skal koma nagle, frå det skal koma stridsboge, frå det
skal kvar einaste styresmann koma. **5** Og dei skal
vera lik kjempor som gjeng fram i striden nett som
dei trakka i gateskarn; ja, strida skal dei; for Herren
er med deim, og dei som rid på hestar, skal verta
til skammar. **6** Og eg vil gjera Judas hus sterkt, og
Josefs hus skal eg frelsa; ja, eg fører deim atter heim;
for eg vil miskunna deim, og dei skal vera liksom eg
aldri hadde støytt deim burt. For eg er Herren, deira
Gud, og eg skal bønhøyra deim. **7** Efraims menner
skal verta lik velduge kjempor, og hjarto deira skal
gleda seg liksom av vin. Sønerne deira skal sjå det
med fagnad; deira hjarto skal frygda seg i Herren. **8**
Eg vil blistra på deim og samla deim; for eg hev løyst
deim ut, og dei skal verta likso mangmente som dei
fordom var. **9** Eg vil så deim ut millom folki; men på dei
framande stader skal dei minnast meg, og dei skal
liva med borni sine og venda heim att. **10** Ja, eg let
deim koma heim frå Egyptarland, og frå Assur skal eg
samla deim; til Gileadlandet og til Libanon fører eg
deim, og der skal det skorta på rom åt deim. **11** Han
skal draga fram gjenom havet i trengsla; bylgjorne skal
slå ned i havet, og alle djupi i Nilen skal turkast ut;
Assurs byrgskap skal støytast ned, og kongsstaven
skal vika frå Egyptarland. **12** Men deim skal eg gjera
sterke i Herren, og i hans namn skal dei ferdast, segjer
Herren.

**11** Lat upp portarne dine, Libanon, so elden kann
øyda cedertrei dine! **2** Jamra deg, du cypressa,
for cederen er fallen, dei herlege trei avøydde! Jamra
dykk, de Basan-eiker: for tjukkaste skogen er sokken!
**3** Høyr, kor hyrdingarne jamrar; for di deira herlegdom
er lagd i øyde! Høyr, kor dei unge løvorne burar; for
Jordans prydnad er herja! **4** So sagde Herren min
Gud: Røkta slagtesauerne! **5** For dei som kjøper
deim, slagtar deim utan å bøta for det, og dei som sel
deim segjer: «Lova vere Herren! Eg vert då rik!» Og
hyrdingarne deira sparer deim ikkje. **6** For no vil eg
ikkje meir spara folket i landet, segjer Herren; men eg
vil lata menneski falla i henderne på kvarandre og i
henderne på kongen sin, og dei skal øyda landet, og

eg vil ikkje fria frå deira vald. 7 So tok eg til å røkta
slagtesauerne, ja, dei ringaste av sauerne, og eg tok
meg tvo stavar, den eine kalla eg Godvilje, og den
andre kalla eg Sameining. Eg gjætte då sauerne, 8 og
eg gjorde dei tri hyrdingarne til inkjes på ein månad.
Då leiddest eg ved deim, og dei stygdest og ved meg,
9 og so sagde eg: «Eg vil ikkje lenger vera hyrdingen
dykkar. Lat dei døy som vil døy, og lat det øydast som
vil øydast, og dei som vert att, fær eta kvarandre upp!»
10 So tok eg staven min Godvilje og braut honom sund
til å løysa upp pakti som eg hadde gjort med alle folki.
11 Og ho vart gjord til inkjes same dagen, og då fekk
dei sanna dei arme sauerne som ansa på meg, at
det var Herrens ord. 12 Dinæst sagde eg til deim:
«Um de so synest, so gjev meg løni mi, og synest de
ikkje det er verdt, so lat det vera!» Då vog dei upp
tretti sylvdalar til løn åt meg. 13 Då sagde Herren til
meg: Sleng honom burt til pottemakaren, den herlege
prisen som dei hev verdsett meg til! Og eg tok dei tretti
sylvdalarne og kasta deim inn i Herrens hus, burt til
pottemakaren. 14 So braut eg sund den andre staven
min, Sameining, til å løysa upp brorskapen millom
Juda og Israel. 15 Og Herren sagde til meg: Tak deg
no atter hyrdingreidskap, som ein skarvehyrding. 16
For sjå, eg let ein hyrding risa upp i landet, ein som
ikkje bryr seg um dei burtkomne, ikkje leitar etter dei
villfarne, ikkje heilar dei brotne og ikkje syter for dei
friske; men kjøtet av dei feite et han, og klauverne
deira riv han av. 17 Usæl den skarvehyrdingen som
svik sauerne! Sverd yver armen hans og yver høgre
auga hans! Visna, ja, visna skal armen hans, og høgre
auga hans verta blindt.

**12** Ei framsegn, Herrens ord um Israel. So segjer
Herren som spana ut himmelen, grunnfeste jordi
og skaper ånd i mannebarm: 2 Sjå, eg gjer Jerusalem
til ei tumleskål for alle folki rundt ikring, og jamvel yver
Juda skal det koma når Jerusalem vert kringsett. 3 På
den dagen skal eg gjera Jerusalem til ein lyftestein for
alle folki; alle dei som lyfter på honom, skal riva seg
sund, og alle folki på jordi skal flokka seg imot det. 4
På den dagen, segjer Herren, skal eg slå alle hestarne
med villska og hestfolki med vitløysa; men yver Judas
hus skal eg vaka, og alle hestarne åt folki slær eg med
blindskap. 5 Då skal ættehovdingane i Juda segja med
seg sjølve: «Vår styrke er dei som bur i Jerusalem,
ved Herren, allhers drott, deira Gud.» 6 På den dagen
skal eg lata ættehovdingarne i Juda verta liksom ei
glodpanna i ein vedhaug og ein brennande kyndel
midt i ein halmdunge, og dei skal brenna upp alle folki
rundt ikring; men Jerusalem skal framleides bu trygt på
sin stad, i Jerusalem. 7 Og fyrst skal Herren frelsa
tjeldi åt Juda, so ikkje Davids hus og dei som bur i
Jerusalem, skal få større heider enn Juda. 8 På den
dagen skal Herren halda skjolden sin yver deim som
bur i Jerusalem, og den veikaste stakkaren millom
deim skal på den dagen vera som David, og Davids
hus som Gud, som Herrens engel framfyre deim. 9 Og
på den dagen skal eg trå etter å tyna alle heidningfolki
som fer imot Jerusalem. 10 Men yver Davids hus og
yver deim som bor i Jerusalem, skal eg renna ut nåde-
anden og bøne-anden, so dei ser upp til meg som dei
hev gjenomstunge, og dei skal syrgja på honom som
ein syrgjer på den einborne, og klaga sårt som ein
klagar yver fyrstefødde sonen. 11 På den dagen skal
jammeren verta stor i Jerusalem liksom jammeren ved
Hadadrimmon på Megiddosletta. 12 Og landet skal
syrgja, kvar ættgrein for seg: ættgreini frå Davids hus
for seg og deira kvinnor for seg, ættgreini frå Natans
hus for seg og deira kvinnor for seg, 13 ættgreini frå
Levis hus for seg og deira kvinnor for seg, Sime'is
ættgrein for seg og deira kvinnor for seg; 14 like eins
alle dei andre ættgreinerne for seg og kvinnorne deira
for seg.

**13** På den dagen skal det vera ei opi kjelda for
Davids hus og for deim som bor i Jerusalem til
å tvætta av synd og ureinskap. 2 Og på den dagen,
segjer Herren, allhers drott, skal eg rydja ut namni på
avgudsbilæti or landet, so ingen meir skal minnast
deim, ja, ogso profetarne og den ureine åndi skal eg
senda ut or landet. 3 Og um nokon sidan gjev seg til å
spå, so skal far hans og mor hans, hans eigne foreldre,
segja til honom: «Du kann ikkje få liva; for du hev tala
lygn i Herrens namn.» Og far hans og mor hans, hans
eigne foreldre, skal stinga honom ned når han gjev
seg til å spå. 4 På den dagen skal alle profetarne
skjemmast ved synerne sine når dei spår, og dei skal
ikkje klæda på seg ein hårkyrtel for å ljuga. 5 Men kvar
og ein av dei skal segja: «Eg er ikkje nokon profet. Ein
jorddyrkar er eg. Ein mann som kjøpte meg til træl då
eg var berre ungguten.» 6 Og um ein spør honom:
«Kva er det for nokre sår du hev der på bringa di?» so
kjem han til å svara: «Deim hev eg fenge i huset hjå
venerne mine.» 7 Vakna upp, du sverd, mot hyrdingen
min, mot den mannen som stend meg so nær, segjer
Herren, allhers drott. Slå hyrdingen, og lat sauerne
spreidast, og eg skal hava handi mi mot dei små. 8
Og i heile landet, segjer Herren, skal tvo tridjepartar
øydast og andast; men ein tridjepart skal leivast der, 9
og denne tridjeparten let eg ganga gjenom elden og
skirer honom som ein skirer sylv, og prøver honom
som ein prøver gull. Dei skal kalla på mitt namn, og eg
skal svara deim; eg skal segja: «Dette er mitt folk; » og
dei skal svara: «Herren er min Gud.»

**14** Sjå, det kjem ein Herrens dag då dei skal skifta
ut ditt herfang inne i deg. **2** Då skal eg samla alle
folkeslagi til strid imot Jerusalem, og byen skal verta
herteken, husi skal verta herja, og kvinnorne skal verta
valdtekne. Og halve byen skal førast burt i utlægd;
men leivningen av folket skal ikkje rydjast ut or byen. **3**
Og Herren skal fara ut og strida mot desse folki som
han stridde fyrr på slagdagen. **4** På den dagen skal
han standa med føterne på Oljeberget, som ligg beint
imot Jerusalem på austsida, og Oljeberget skal klovna
midt i tvo frå aust til vest, so det vert ein ovleg stor dal,
av di eine helvti av fjellet vik undan mot nord og andre
helvti mot sud. **5** Og de skal røma til dalen millom fjelli
mine; for dalen millom fjelli skal nå heilt til Asel; ja, de
skal røma som de rømde for jordskjelven i dei dagarne
då Uzzia var konge i Juda. Då skal han koma, Herren,
min Gud - alle heilage med deg. **6** På den dagen skal
det ikkje vera noko ljos; stjernorne skal kverva burt. **7**
Og det skal koma ein viss dag - han er kjend av Herren
- ein dag då det korkje er dag eller natt; men når det
lid til kvelds, då skal det verta ljost. **8** Og på den dagen
skal det strøyma livande vatn ut frå Jerusalem, den
eine helvti av det til Austerhavet og den andre helvti til
Vesterhavet; både sumar og vinter skal det renna. **9**
Då skal Herren vera konge yver heile jordi; på den
dagen skal Herren vera ein og namnet hans eitt. **10**
Heile landet skal verta som Jordan-kverven, frå Geba
til Rimmon sunnanfor Jerusalem; og byen sjølv skal
lyfta seg høgt og liggja på sin stad, radt ifrå Benjamins-
porten og til den staden der Gamleporten var, til
Hyrneporten, og frå Hananeltårnet og til vinpersorne
åt kongen. **11** Og folket skal bu der, og det skal ingi
bannlysing vera meir, og Jerusalem skal liggja der
trygt. **12** Men denne refsingi skal Herren senda yver
alle dei folki som drog i herferd mot Jerusalem: Kjøtet
deira skal han lata rotna, medan dei stend på sine
føter, augo deira skal rotna i holorne sine, og tunga
skal rotna i munnen på deim. **13** På den dagen skal ei
stor rædsla frå Herren koma yver deim, so dei grip fat
i kvarandre og lyfter hand mot kvarandre. **14** Ogso
Juda skal strida i Jerusalem, og då skal han samlast,
rikdomen frå alle heidningfolki rundt ikring, gull og sylv
og klæde i stor mengd. **15** Den same refsingi skal
og koma yver hestarne og muldyri og kamelarne og
asni og alle dei andre dyr som finst der i lægri. **16** Og
alle dei som vert att av alle heidningfolki som gjorde
åtak på Jerusalem, dei skal år etter år fara dit upp
og beda til kongen, Herren, allhers drott, og høgtida
lauvhyttehelgi. **17** Og um nokre av ætterne på jordi
ikkje fer upp til Jerusalem og bed til kongen, Herren,
allhers drott, so skal det ikkje koma regn hjå deim. **18**
Dersom egyptarfolket ikkje gjeng upp og ikkje møter
fram, so skal den same refsingi koma yver deim som
Herren let koma yver dei heidningfolki som ikkje fer
upp og høgtidar lauvhyttehelgi. **19** Dette er syndestraffi
for Egyptarland og for alle heidningfolki som ikkje fer
upp og høgtidar lauvhyttehelgi. **20** På den dagen skal
det standa på bjøllerne åt hestarne: «Vigd åt Herren, »
og grytorne i Herrens hus skal vera som offerskålerne
framfor altaret. **21** Og kvar einaste gryta i Jerusalem
og Juda skal vera vigd åt Herren, allhers drott, so alle
dei som ofrar, kann koma og taka av deim og koka i
deim, og det skal ikkje meir finnast nokon kræmer i
huset åt Herren, allhers drott, på den dagen.

# Malakias

**1** Ei framsegn. Herrens ord til Israel ved Malaki. **2** Eg
hev elska dykk, segjer Herren. Og de spør: «Korleis
hev du elska oss?» Er ikkje Esau bror åt Jakob? segjer
Herren. Og eg elska Jakob, **3** men Esau hata eg, og
eg hev gjort hans fjell til ei øydemark og odelen hans til
ein heidebustad. **4** Når Edom segjer: «Me ligg i røys,
men me skal byggja røyserne upp att, » då svarar
Herren, allhers drott: Dei byggjer, men eg riv ned; dei
skal heita Gudløyselandet og folket som Herren er
æveleg harm på. **5** De skal sjå det med eigne augo,
og de skal segja: «Herrens velde når ut yver Israels
grensa.» **6** Ein son ærar far sin og ein tenar herren sin.
Er no eg far, kvar er då mi æra, og er eg herre, kvar er
då otten for meg? segjer Herren, allhers drott, til dykk,
de prestar som vanvyrder namnet mitt. Og de spør:
«Korleis hev me vanvyrdt namnet ditt?» **7** Jau, de ber
fram sulka mat på altaret mitt. Og de spør: «Kva hev
me sulka deg med?» Jau, de segjer: «Herrens bord er
ikkje vyrdande. **8** Um de kjem med eit blindt dyr til
offer, so er ikkje det noko gale, og kjem de med eit
halt og eit sjukt, so er det ikkje noko gale.» Kom med
sovorne gåvor til jarlen din! Skal tru han vert blid på
deg eller tek vel imot deg? segjer Herren, allhers drott.
**9** So blidka no Gud, at han må vera oss nådig! Med
eigne hender hev de gjort slikt, kann han då taka vel
mot dykk? segjer Herren, allhers drott. **10** Å, um det
fanst nokon millom dykk som vilde stengja dørerne,
so de slapp å gjera upp eld til fåfengs på altaret mitt!
Eg hev ingen hugnad i dykk, segjer Herren, allhers
drott, og offergåva frå dykkar hand likar eg ikkje. **11**
For frå solekoma til soleglad er mitt namn stort millom
folki, og på kvar ein stad vert det frembore røykoffer
åt namnet mitt og rein offergåva; for namnet mitt er
stort millom folkeslagi, segjer Herren, allhers drott. **12**
Men de vanhelgar det med di de segjer: «Herrens
bord er sulka, og maten som fell av frå det, er ikkje
vyrdande.» **13** «Å, for ei møda!» segjer de, og de blæs
åt det, segjer Herren, allhers drott; og når de ber fram
offergåvor, kjem de med det som de hev rana, det som
er halt og sjukt. Skulde eg hava hugnad i slike gåvor
frå dykkar hand? segjer Herren. **14** Nei, forbanna vere
den som fer med svik, som eig handyr i buskapen
og hev gjort ein lovnad, men so ofrar til Herren eit
gjelddyr. Ein stor konge er eg, segjer Herren, allhers
Gud, og namnet mitt er skræmeleg millom folki.

**2** Og no kjem dette bodet til dykk prestar: **2** Vil
de ikkje høyra og ikkje leggja dykk på hjarta å
gjeva mitt namn ära, segjer Herren, allhers drott, so
sender eg forbanningi yver dykk, og eg forbannar
velsigningarne dykkar; ja, eg hev alt forbanna deim,
av di de ikkje legg det på hjarta. **3** Sjå, eg bannar
avkjømet dykkar og kastar møk i andlitet på dykk,
møk av dykkar høgtidsoffer, og dei skal bera dykk
burti møki. **4** Då skal de sanna at eg hev sendt dykk
dette bodet, av di det skal vera mi pakt med Levi,
segjer Herren, allhers drott. **5** Mi pakt med honom
var liv og fred. Eg gav honom deim til otte, og han
ottast meg og skalv for mitt namn. **6** Sannings læra
var i hans munn, og det fanst ikkje svik på lipporne
hans; fredsamt og ærleg gjekk han på min veg, og han
vende mange burt ifrå misgjerd. **7** For prestelippor
skal gøyma på kunnskap, upplæring ventar me av
munnen hans, for han er sendebod frå Herren, allhers
drott. **8** Men de hev vike av frå vegen, læra dykkar
hev ført mange til fall; de hev skjemt ut Levi-pakti,
segjer Herren, allhers drott. **9** Difor hev eg og gjort
dykk vanvyrde og nedsedde for alt folket, av di de ikkje
agtar på mine vegar, men gjer skil på folk i lovlæra. **10**
Hev ikkje me ein far alle saman? Hev ikkje ein Gud
skapt oss? Kvi fer me då med svik mot kvarandre og
vanhelgar fedrepakti? **11** Svik hev Juda fare med, og
styggedom hev gjenge for seg i Israel og i Jerusalem;
for Juda hev vanhelga Herrens heilagdom, som han
elskar, og hev gift seg med dotter til ein framand gud.
**12** Hjå den mannen som gjer slikt - måtte Herren rydja
ut kvar livande sjæl or Jakobs hyttor, og den som ber
fram offergåva til Herren, allhers drott! **13** Og endå
ein ting til gjer de: Yver Herrens altar legg de tåror og
gråt og sukkar, so han vil venda seg til offergåva meir
eller med hugnad tek imot noko av dykkar hand. **14** De
spør: «Korleis då?» Jau, Herren hev vore vitne millom
deg og ditt ungdomsviv, henne som du hev svike, endå
ho var festarmøyi di og egtemaken din. **15** Hev ikkje
den eine og same skapt henne, med di han hadde
endå meir ånd att? Og kva stila han på, den eine?
Guddomleg ætt. Tak då vare på dykkar liv og svik ikkje
ditt ungdomsviv! **16** Eg hatar skilsmål, segjer Herren,
Israels Gud; med det sveiper ein vald um klædi sine,
segjer Herren, allhers drott. So tak då vare på dykkar
liv og far ikkje med svik. **17** De trøyttar Herren med
dykkar ord. De spør: «Korleis trøytta me?» Jau, de
segjer: «Kvar den som gjer vondt, er god i Herrens
augo, og han hev hugnad i deim. Kvar er elles Gud
som held dom?»

**3** Sjå, eg sender mitt bod, og han skal brøyta veg for
meg. Og brått kjem han til sitt tempel, Herren som
de leitar etter, og paktengelen som de stundar på, sjå,
han kjem, segjer Herren, allhers drott. **2** Men kven
kann herda den dagen han kjem? Og kven kann standa
når han syner seg? For han er som smeltar-eld og
tvættar-lut. **3** Han sit og smeltar og reinsar sylvet, han

reinsar Levi-sønerne og skirar deim som gull og sylv,
so dei kann bera fram for Herren offergåvor i rettferd.
4 Då vert offergåvorne i Juda og Jerusalem til hugnad
for Herren som i gamle dagar og i framfarne år. 5 Eg
kjem til dykk og held dom og vert eit snøgt vitne mot
deim som fer med trolldom, som bryt egteskapet, som
gjer rang eid, som held att løni for leigekaren, som er
harde med enkja og den faderlause, som rengjer retten
for utlendingen og ikkje ottast meg, segjer Herren,
allhers drott. 6 For eg, Herren, er ikkje umskift, og de,
Jakobs-born, er ikkje til ende komne. 7 Alt ifrå fedre-
dagarne hev de vike av frå loverne mine og ikkje halde
deim. Vend um til meg, so skal eg venda um til dykk,
segjer Herren, allhers drott. De spør: «Kva skal me
venda um ifrå?» 8 Skal eit menneskje rana frå Gud,
sidan de hev rana frå meg? Og de spør: «Kva hev me
rana frå deg?» Jau, tiendi og reidorne. 9 Forbanningi
hev råka dykk, og frå meg ranar de, ja, heile folket.
10 Kom med heile tiendi til forrådshuset mitt, so det
kann finnast mat i huset mitt, og prøv meg so på den
måten, segjer Herren, allhers drott, um eg ikkje let upp
himmellukorne åt dykk og renner yver dykk velsigning i
rikt mål. 11 Eg skal truga etaren for dykk, so han ikkje
tyner grøda på jordi for dykk, og ikkje heller skal de
hava vanheppa med vintreet på marki, segjer Herren,
allhers drott. 12 Alle folki skal prisa dykk sæle, for det
vert eit herlegt land, segjer Herren, allhers drott. 13 De
hev bruka sterke ord imot meg, segjer Herren. Og de
spør: «Kva hev me tala med kvarandre imot deg?»
14 Jau, de segjer: «Det er fåfengt å tena Gud. Kva
bate hev me av at me agtar på hans krav og gjeng
syrgjeklædde for Herren, allhers drott? 15 Nei, no
prisar me dei ovmodige sæle; dei hev medgang når dei
liver i gudløysa, dei freistar Gud og slepp vel ifrå det.»
16 Då tala dei med kvarandre, dei som ottast Herren,
og Herren lydde og høyrde på, og det vart skrive ei
minnebok for hans åsyn um deim som ottast Herren
og tenkjer på hans namn. 17 Og dei skal vera min
eigedom, segjer Herren, allhers drott, på den dagen
som eg skaper, og eg skal spara deim liksom ein mann
sparer son sin som tener honom. 18 Då skal de atter
sjå skil på den rettferdige og den gudlause, den som
tener Gud og den som ikkje tener honom.

**4** For sjå, dagen kjem, brennande som ein omn;
då skal alle ovmodige og kvar den som fer med
gudløysa, verta halm, og dagen som kjem, skal brenna
deim upp, segjer Herren, allhers drott, so det ikkje
vert att av deim anten rot eller grein. 2 Men for dykk
som ottast mitt namn, skal rettferds-soli renna upp
med lækjedom i vengjerne sine; og de skal ganga ut
og hoppa som kalvar når dei slepp or fjøset. 3 Og
de skal trakka ned dei gudlause, for dei skal verta
som oska under føterne dykkar på den dagen som eg
skaper, segjer Herren, allhers drott. 4 Kom i hug lovi åt
Moses, tenaren min, som eg gav honom på Horeb
for heile Israel med bod og rettar! 5 Sjå, eg sender
dykk profeten Elia fyrr Herrens store og skræmelege
dag kjem. 6 Han skal venda fedrehjarto til borni og
barnehjarto til federne, so eg ikkje skal koma og slå
landet med bann. Det nye testamentet

# NYE TESTAMENTET




*Men Jesus sagde: «Fader, forlat deim, for dei veit ikkje kva dei gjer!»*
*So skifte dei klædi hans millom seg og drog strå um deim.*
Lukas 23:34

# Matteus

**1** Soga um Jesus Kristus. Davids son og Abrahams
son. **2** Abraham fekk sonen Isak, og Isak fekk
sonen Jakob, og Jakob fekk Juda og brørne hans, **3**
og Juda fekk sønerne Peres og Zerah med Tamar, og
Peres fekk sonen Hesron, og Hesron fekk sonen Ram,
**4** og Ram fekk sonen Amminadab, og Amminadab fekk
sonen Nahson, og Nahson fekk sonen Salmon, **5** og
Salmon fekk sonen Boaz med Rahab, og Boaz fekk
sonen Obed med Rut, og Obed fekk sonen Isai, **6** og
Isai var far åt David, kongen. David fekk sonen Salomo
med kona åt Uria, **7** og Salomo fekk sonen Rehabeam,
og Rehabeam fekk sonen Abia, og Abia fekk sonen
Asa, **8** og Asa fekk sonen Josafat, og Josafat fekk
sonen Joram, og Joram fekk sonen Uzzia, **9** og Uzzia
fekk sonen Jotam, og Jotam fekk sonen Ahaz, og Ahaz
fekk sonen Hizkia, **10** og Hizkia fekk sonen Manasse,
og Manasse fekk sonen Amon, og Amon fekk sonen
Josia, **11** og Josia fekk Jekonja og brørne hans; dei
livde i den tidi då folket vart ført til Babylon. **12** Etter dei
vart førde til Babylon, fekk Jekonja sonen Sealtiel, og
Sealtiel fekk sonen Zerubbabel, **13** og Zerubbabel fekk
sonen Abiud, og Abiud fekk sonen Eljakim, og Eljakim
fekk sonen Asor, **14** og Asor fekk sonen Sadok, og
Sadok fekk sonen Akim, og Akim fekk sonen Eliud, **15**
og Eliud fekk sonen Eleazar, og Eleazar fekk sonen
Mattan, og Mattan fekk sonen Jakob, **16** og Jakob var
far åt Josef, mannen hennar Maria som fødde Jesus til
verdi, han me kallar Kristus. **17** Soleis er det i alt fjortan
ættleder frå Abraham til David, og fjortan ættleder frå
David til Babylon-ferdi, og fjortan ættleder frå Babylon-
ferdi til Kristus. **18** Då Kristus vart fødd, gjekk det soleis
til: Medan mor hans, Maria, var trulova med Josef,
og fyrr dei kom i hop, synte det seg at ho var med
barn av den Heilage Ande. **19** Josef, festarmannen
hennar, var ein rett-tenkt mann, og vilde ikkje føra
skam yver henne; han sette seg fyre å skiljast med
henne so stilt han kunde. **20** Men best som han hadde
rådt seg til det, synte Herren engel seg for honom i
draume og sagde: «Josef, Davids son, ver ikkje rædd
å taka Maria, festarmøyi di, heim til deg; for det ho
ber under beltet, er av den Heilage Ande. **21** Ho skal
eiga ein son, og honom skal du kalla Jesus; for han
skal frelsa folket sitt frå synderne deira.» **22** Men alt
dette hev hendt av di det laut sannast det som Herren
hev tala gjenom profeten, når han segjer: **23** «Ei møy
mun barnsvon bera: Ein son ho eiga skal, og namnet
han skal nemnast med, er Immanuel» - det er det
same som: «Gud er med oss». **24** Då Josef vakna or
svevnen, gjorde han som Herrens engel hadde sagt
med honom, og flutte bruri si heim. **25** Men han kom
ikkje nær henne fyrr ho hadde fenge sonen sin; honom
kalla han Jesus.

**2** Det var i Betlehem i Judalandet Jesus kom til verdi,
i kong Herodes' dagar. Då kom det nokre vismenner
frå Austerlandi til Jerusalem og sagde: **2** «Kvar er
den jødekongen som nyst er fødd? Me såg stjerna
hans i Austerland, og no er me komne og vil hylla
honom.» **3** Då kongen, Herodes, høyrde det, vart han
forfærd, og heile Jerusalem med. **4** Han kalla i hop
alle dei øvste prestarne og alle skriftlærde i landet, og
spurde deim kvar Messias skulde koma til verdi. **5** «I
Betlehem i Judalandet, » svara dei, «for so stend det
skrive hjå profeten: **6** «Du Betlehem, du Juda-bygd,
av Juda-jarlarne er du visst ikkje ringaste i rang: Or
deg ein fyrste skal gå fram som Israel, mitt eige folk,
liksom ein hyrding gjæta skal.»» **7** Då kalla Herodes
vismennerne til seg i løynd, og spurde deim ut um tidi
då stjerna hadde synt seg. **8** So styrde han deim i
veg til Betlehem og sagde: «Far no dit, og høyr dykk
vel fyre um barnet, og når de hev funne det, so seg
meg til, so eg og kann koma og hylla det!» **9** Då dei
hadde høyrt på kongen, tok dei i vegen, og best det
var, fekk dei sjå den same stjerna som dei hadde
set i Austerland; ho for fyre deim, til ho kom uppyver
der som barnet var; der vart ho standande. **10** Då
vismennerne såg stjerna, vart dei so glade at dei aldri
hadde vore so glade. **11** Dei gjekk inn i huset, og
fann barnet hjå mori, Maria. Då fall dei på kne, og
hyllte barnet. Og dei let upp skrini, sine og bar fram
for det gåvor: gull og røykjelse og myrra. **12** Og Gud
varsla deim i draume, at dei ikkje måtte fara attende til
Herodes, og so tok dei ein annan veg heim att til landet
sitt. **13** Vel dei var farne, so syner Herrens engel seg
for Josef i draume og segjer: «Statt upp! Tak barnet og
mori, og røm til Egyptarland, og ver der til eg segjer
deg til! For Herodes kjem til å leita etter barnet og vil
gjera ende på det.» **14** Då stod han upp, og same
natti tok han barnet og mori og for til Egyptarland, **15**
og der vart han verande til Herodes var avliden, so
det skulde sannast det som Herren hev tala gjenom
profeten, når han segjer: «Or Egyptarland kalla eg
min son.» **16** Då Herodes såg at vismennerne hadde
havt honom til narr, vart han brennande harm. Han
sende ut folk og let dei drepa alle guteborn i Betlehem
og heile grannelaget på tvo år og derunder, etter den
tidi han hadde fenge vita av vismennerne. **17** Då vart
det sanna det som Jeremia, profeten, hev tala, når
han segjer: **18** «Dei høyrde ei røyst i Rama - gråt og
øying stor: Rakel ho gret for borni sine, og ansa'kje
trøystarord; for burte er dei, burte!» **19** Då Herodes var
avliden, syner Herrens engel seg i draume for Josef
i Egyptarland og segjer: **20** «Statt upp! Tak barnet

og mori, og far til Israelslandet! For no er dei burte
dei som leita etter barnet og vilde taka livet av det.»
21 So stod han upp, og tok barnet og mori og for til
Israelslandet. 22 Men då han fekk spurt at Arkelaus
hadde vorte konge i Judariket etter far sin, Herodes,
torde han ikkje koma dit. Han gjorde som Gud sagde
til honom i draume, og for burt til Galilæa-bygderne, 23
og då han kom til ein by som heiter Nasaret, vart han
buande der. Soleis skulde det koma til å sannast det
som er sagt gjenom profetarne, at han skulde kallast
Nasaræar.

3 I den tidi steig Johannes, døyparen, fram og tala
i Judaheidi 2 og sagde: «Vend um! For himmelriket
er nær.» 3 Det er honom Jesaja, profeten, talar um, når
han segjer: «Høyr han som ropar i heidi: Rydje vegen
åt Herren, jamne stigarne hans!» 4 Johannes gjekk
med ein kjole av kamelhår, og hadde eit lerbelte kring
livet, og maten hans var grashoppar og villhonning. 5
Då kom dei ut til honom frå Jerusalem og frå heile
Judalandet og Jordan-kverven, 6 og han døypte deim i
Jordanåi, med dei sanna synderne sine. 7 Mange av
farisæarane og sadducæarane kom og til dåpen hans.
Då han såg deim, sagde han: «Kven lærde dykk å
røma frå den vreiden som koma skal, de orme-ungar?
8 Ber då frukt som svarar til umvendingi, 9 og tru ikkje
de kann tenkja som so: «Me hev Abraham til far!»
for eg segjer dykk at Gud kann vekkja upp born åt
Abraham av desse steinarne. 10 Øksi ligg alt innmed
roti på treet; kvart tre som ikkje ber god frukt, vert
hogge ned og kasta på elden. 11 Eg døyper dykk med
vatn til umvending; men han som kjem etter meg, er
sterkare enn eg; eg er ikkje verd å bera skorne hans -
han skal døypa dykk med den Heilage Ande og eld. 12
Han hev kasteskovlen i handi, og skal gjera av låven
sin; kornet skal han samla i stabburet, men agnerne
skal han brenna i ein eld som aldri sloknar.» 13 So
kom Jesus frå Galilæa åt Jordan, til Johannes, og vilde
få honom til å døypa seg. 14 Men Johannes bar seg
undan og sagde: «Eg treng dåp av deg, og so kjem
du til meg!» 15 «Lat det no vera so like vel!» svara
Jesus. «For soleis lyt me i eitt og alt gjera det som
er rett.» Då gjorde han som Jesus vilde. 16 Med det
same Jesus var døypt, steig han upp or vatnet. Då
opna himmelen seg for honom, og han såg Guds Ande
koma dalande nedyver seg som ei duva, 17 og ei røyst
frå himmelen sagde: «Dette er Son min, han som eg
elskar, han som eg hev hugnad i.»

4 Sidan førde Anden Jesus ut i øydemarki, so djevelen
skulde freista honom. 2 Han fasta i fyrti dagar og
fyrti næter, og vart hungrig då so langt leid. 3 Og
freistaren kom og sagde til honom: «Er du Guds Son,
so seg at desse steinarne skal verta til brød!» 4 Men
han svara: «Det stend skrive: «Menneskja liver ikkje
berre av brød, men av kvart ord som kjem frå Guds
munn.»» 5 Då tok djevelen honom med seg til den
heilage byen og sette honom ytst på tempeltaket, og
sagde til honom: 6 «Er du Guds Son, so kasta deg
utfyre! For det stend skrive: «Han englarn' sine bjoda
skal at dei på henderne deg ber, so aldri du på nokon
stein skal turva støyta foten din.»» 7 Jesus svara:
«Det stend og skrive: «Du skal ikkje freista Herren,
din Gud.»» 8 So tok djevelen honom med seg upp
på eit ovhøgt fjell, og synte honom alle verdsens rike
og deira herlegdom og sagde: 9 «Alt dette gjev eg
deg, dersom du fell på kne og tilbed meg.» 10 Då
sagde Jesus til honom: «Gakk frå meg, Satan! For
det stend skrive: «Herren, din Gud, skal du tilbeda;
honom og ingen annan skal du tena.»» 11 So for
djevelen ifrå honom, og med det same kom englarne
og tente honom. 12 Då Jesus fekk høyra at Johannes
var gjeven i henderne på uvenerne sine, drog han
seg undan og for til Galilæa. 13 Sidan flutte han frå
Nasaret og busette seg i Kapernaum, som ligg nedmed
sjøen, på Sebulons og Naftalis grunn, 14 so det skulde
sannast det som er tala gjenom Jesaja, profeten, når
han segjer: 15 «Sebulons og Naftalis land, som langs
med sjøen ligg, og dei som burtum Jordan bur, og
heidne bygdekrins - 16 det folket som i myrker sat, so
stort eit ljos fekk sjå; dei sat i daudens skoddeland,
då rann for deim eit ljos.» 17 Frå den tidi tok Jesus
til å tala til folket og sagde: «Vend um! Himmelriket
er nær!» 18 Som han no ein gong gjekk frammed
Galilæasjøen, fekk han sjå tvo brør, Simon, han som
kallast Peter, og Andreas, bror hans; dei heldt på og
kasta ei not i sjøen; for dei var fiskarar. 19 Han segjer til
dei: «Kom og fylg meg! Eg vil gjera dykk til menneskje-
fiskarar!» 20 Då gjekk dei beint frå garni sine og fylgde
honom. 21 Då han kom lenger fram, såg han tvo andre
brør, Jakob, son åt Sebedæus, og Johannes, bror
hans: dei sat i båten hjå Sebedæus, far sin, og greidde
garni sine. Han kalla deim, 22 og med ein gong gjekk
dei burt frå båten og frå far sin, og fylgde honom. 23
Sidan for han ikring i heile Galilæa og lærde folket i
synagogorne deira, og forkynte evangeliet um riket,
og lækte all sjukdom og vanhelsa hjå deim. 24 Det
gjekk gjetord um honom yver heile Syria, og dei kom til
honom med alle som hadde vondt og drogst med eikor
sott eller plåga, forgjorde og nedfall-sjuke og lamne, og
han gjorde deim gode att. 25 Og det fylgde honom ein
stor folkehop frå Galilæa og Dekapolis og Jerusalem
og Judalandet og bygderne på hi sida Jordan.

5 Då Jesus såg folkehopen, gjekk han upp i fjellet;
der sette han seg ned, og læresveinarne hans kom

burt til honom. 2 Då tok han til ords og lærde deim og
sagde: 3 «Sæle dei som er fatige i åndi! Himmelriket er
deira! 4 Sæle dei som syrgjer! Dei skal verta trøysta. 5
Sæle dei tolsame! Dei skal erva jordi. 6 Sæle dei som
hungrar og tyrster etter rettferd! Dei skal verta metta. 7
Sæle dei miskunnsame! Dei skal få miskunn. 8 Sæle
dei som er reine i hjarta! Dei skal sjå Gud. 9 Sæle dei
fredkjære! Dei skal kallast Guds born. 10 Sæle dei
som vert forfylgde for rettferdi si! Himmelriket er deira.
11 Sæle er de når dei spottar dykk og forfylgjer dykk og
talar berre vondt um dykk for mi skuld, og lyg det. 12
Ver glade og fegne! Stor er løni dykkar i himmelen.
For soleis forfylgde dei dei profetarne som var til fyre
dykk. 13 De er saltet på jordi! Vert saltet dove, kva
skal so det saltast med? Det duger då ikkje til anna
enn til å kastast ut og trakkast på. 14 De er ljoset i
verdi. Den byen som ligg på eit fjell, kann ikkje dyljast.
15 Ingen kveikjer eit ljos og set det under skjeppa,
men i staken; då lyser det for alle som er i huset. 16
Soleis skal de lata ljoset dykkar lysa for folk, so dei
kann sjå dei gode gjerningarne dykkar og prisa Far
dykkar i himmelen! 17 De må ikkje tru eg er komen for
å avlysa lovi eller profetarne. Eg er ikkje komen for å
avlysa, men for å fullføra. 18 For det segjer eg dykk for
sant: Fyrr himmelen og jordi forgjengst, skal ikkje den
minste bokstav, ikkje ein einaste prikk i lovi forgangast,
fyrr alt saman er fullgjort. 19 Um då nokon bryt eit
einaste av desse minste bodi, og lærer folk soleis,
so skal han kallast den minste i himmelriket; men
den som held deim og lærer deim ifrå seg, han skal
kallast stor i himmelriket. 20 For det segjer eg dykk, at
er ikkje dykkar rettferd mykje større enn rettferdi åt
dei skriftlærde og farisæarane, so kjem de aldri inn i
himmelriket. 21 De hev høyrt det er sagt til dei gamle:
«Du skal ikkje drepa! Den som drep, skal koma for
retten.» 22 Men eg segjer dykk at den som er vond
på bror sin forutan grunn, han skal koma for retten;
og den som segjer til bror sin: «Din stakar!» han skal
koma for rådet; og den som segjer: «Din dåre!» han
skal koma i helviteselden. **(Geenna g1067)** 23 Når du då
gjeng fram til altaret med offeret ditt, og du der kjem i
hug at bror din hev noko imot deg, 24 so lat offeret ditt
liggja der framfor altaret - gakk fyrst burt og gjer det
godt at med bror din, og kom so og ber fram offeret
ditt! 25 Ver snar til å laga deg etter motparten din
den stundi du er med honom på vegen! Elles stemner
han deg for domaren, og domaren sender deg yver
til futen, og du vert kasta i fengsel; 26 det segjer eg
deg for visst: Du slepp ikkje ut att fyrr du hev greidt
siste kvitten. 27 De hev høyrt det er sagt: «Du skal
ikkje gjera hor!» 28 Men eg segjer dykk at den som ser
på ei kvinna og lyster etter henne, han hev alt gjort
hor med henne i hjarta sitt. 29 Um det høgre auga ditt
freistar deg, so riv det ut og kasta det frå deg! Du er
betre faren du misser ein av lemerne dine, enn at heile
likamen vert kasta i helvite. **(Geenna g1067)** 30 Og um
den høgre handi freistar deg, so hogg henne av og
kasta henne frå deg! Du er betre faren du misser ein
lem enn at heile likamen din kjem i helvite. **(Geenna
g1067)** 31 Det er sagt: «Den som skil seg frå kona si,
skal gjeve henne skilsmålsbrev.» 32 Men eg segjer
dykk at den som skil seg frå kona si for anna enn
utruskap, han valdar at ho gjer hor, og den som gifter
seg med ei fråskild kona, han gjer hor. 33 Sameleis
hev de høyrt det er sagt til dei gamle: «Du skal ikkje
gjera rang eid, men svara Herren for eidarne dine!» 34
Men eg segjer dykk at de aldri skal sverja, korkje ved
himmelen, for det er Guds høgsæte, 35 eller ved jordi,
for det er fotbenken hans, eller ved Jerusalem, for det
er staden åt den store kongen. 36 Ikkje skal du heller
sverja ved hovudet ditt; for du kann ikkje gjera eit hår
kvitt eller svart. 37 Når de talar, so lat det vera «Ja,
ja!» og «Nei, nei!» Alt som gjeng yver det, kjem av det
vonde. 38 De hev høyrt det er sagt: «Auga for auga og
tonn for tonn!» 39 Men eg segjer dykk at de ikkje skal
setja dykk imot den som gjer vondt. Um ein slær deg
på den høgre kinni, so snu den vinstre og til honom.
40 Og vil nokon trætta til seg trøya di, so lat honom få
kjolen med. 41 Og trugar nokon deg til å fylgja honom
ei mil, so fylg du honom tvo mil. 42 Gjev den som bed
deg, og snu deg ikkje frå den som vil låna av deg! 43
De hev høyrt det er sagt: «Du skal elska næsten din
og hata fienden din!» 44 Men eg segjer dykk: Elska
fiendarne dykkar, velsigna deim som bannar dykk, gjer
vel mot deim som hatar dykk, og bed for deim som
forfylgjer dykk! 45 då er de rette borni åt far dykkar i
himmelen; for han let soli si skina yver vonde og gode,
og let det regna yver rettferdige og urettferdige. 46 For
um de elskar deim som elskar dykk, kva løn kann de
venta for det? Gjer ikkje tollmennerne like eins? 47 Og
um de helsar «Guds fred» berre til brørne dykkar, kva
stort gjer de då? Gjer ikkje heidningarne det same? 48
Ver då de fullkomne, som far dykkar i himmelen er!

**6** Agta dykk at de ikkje gjer dei gode gjerningarne
dykkar for augo på folk, so dei skal sjå kor gjæve
de er! For då hev de ingi løn i vente hjå far dykkar i
himmelen. 2 Vil du gjeva ei sælebotsgåva, so blås ikkje
fyrst i luren um det, som hyklarane gjer i synagogorne
og på gatorne, so folk skal rosa deim; det segjer eg
dykk for sant: Dei hev alt fenge si løn! 3 Men når du
gjev ei sælebotsgåva, so lat'kje den vinstre handi di
vita kva den høgre handi di gjer! 4 Lat gåva di vera
duld, og far din som ser det som dult er, han skal løna

deg upp i dagen! 5 Når de bed, so far ikkje åt som
hyklarane! For dei vil helst standa i synagogorne og
på gatehyrno og halda bøn, so dei kann få syna seg
fram for folk; det segjer eg dykk for sant: Dei hev alt
fenge si løn. 6 Men når du vil beda, då gakk inn i
kammerset ditt, og lat att døri, og bed til far din som er
i det dulde, og far din som ser i det dulde, skal løna
deg upp i dagen. 7 Remsa ikkje upp mange ord når de
bed! So gjer heidningarne - dei trur bønerne deira skal
høyrast for dei mange ordi skuld. 8 Gjer då ikkje som
dei! Far dykkar veit kva de treng, fyrr de bed honom
um det. 9 Soleis skal de beda: Fader vår, du som er
i himmelen! Lat namnet ditt helgast; 10 lat riket ditt
koma; lat viljen din råda på jordi so som i himmelen;
11 gjev oss i dag vårt daglege brød; 12 og forlat oss
vår skuld, som me og forlet våre skuldmenn; 13 og før
oss ikkje ut i freisting; men frels oss frå det vonde. For
riket er ditt, og magti og æra i all æva! Amen. 14 For
um de forlet andre misgjerningarne deira, so skal far
dykkar i himmelen forlata dykk og; 15 men forlet de
ikkje andre, so skal ikkje far dykkar heller forlata dykkar
misgjerningar. 16 Når de fastar, skal de ikkje laga dykk
sturne som hyklarane; for dei skaper seg til i andlitet,
so folk skal sjå at dei fastar; det segjer eg dykk for
sant: Dei hev alt fenge si løn. 17 Men når du fastar, då
salva hovudet og två andlitet ditt, 18 so ikkje folk, men
far din i det dulde, kann sjå at du fastar, og far din
som ser i det dulde, skal løna deg. 19 Samla dykk
ikkje skattar på jordi, der mol og makk et og øyder, og
tjuvar bryt seg inn og stel, 20 men samla dykk skattar
i himmelen, der korkje mol eller makk øydelegg, og
tjuvar aldri bryt seg inn og stel! 21 For der skatten
din er, der vil hjarta ditt og vera. 22 Auga er ljoset i
likamen; er auga ditt klårt, so vert heile likamen ljos;
23 er auga ditt dimt, so vert heile likamen myrk. Når då
ljoset inni deg er myrkt, kor stort vert ikkje myrkret då!
24 Ingen kann tena tvo herrar; for anten vil han hata
den eine og halda utav den andre, eller halda seg til
den eine og vanvyrda hin; de kann ikkje tena både
Gud og Mammon. 25 Difor segjer eg dykk: Syt ikkje for
livet dykkar, kva de skal eta og kva de skal drikka, eller
for likamen dykkar, kva de skal klæda dykk med! Er
ikkje livet meir enn maten og likamen meir enn klædi?
26 Sjå på fuglarne i lufti: Dei sår ikkje, og haustar ikkje,
og samlar ikkje i hus, og far dykkar i himmelen føder
deim like vel. Er ikkje de mykje meir enn dei? 27 Og
kven av dykk kann leggja ei einaste aln til livsvegen
sin, um han syter aldri so mykje? 28 Og kvi syter de
for klædi? Sjå liljorne på marki, korleis dei veks! Dei
arbeider ikkje, dei spinn ikkje; 29 men eg segjer dykk
at ikkje sjølve Salomo i all sin herlegdom var so klædd
som ei av deim. 30 Klæder no Gud soleis graset på
marki, det som stend i dag og vert kasta i omnen i
morgon, skulde han då'kje mykje heller klæda dykk,
de fåtruande! 31 So må de då ikkje syta og segja:
«Kva skal me eta?» eller: «Kva skal me drikka?» eller:
«Kva skal me klæda oss med?» 32 For alt det spør
heidningarne etter; men far dykkar i himmelen veit at
alt sovore treng de um. 33 Søk fyrst Guds rike og hans
rettferd, so skal de få alt dette attpå! 34 So syt då ikkje
for morgondagen! Morgondagen lyt syta for seg. Kvar
dag hev nok med si møda.

**7** Døm ikkje, elles vert de dømde! For den domen
de dømer, skal de dømast etter, 2 og det målet de
mæler med, skal dei mæla åt dykk i. 3 Kvi ser du flisi
i auga åt bror din, men bjelken i ditt eige auga, den
vert du ikkje var? 4 Eller korleis kann du segja til bror
din: Kom, lat meg taka flisi ut or auga ditt! og sjå, det
sit ein bjelke i ditt eige auga! 5 Din hyklar! Drag fyrst
bjelken ut or ditt auga - då kann du sjå å taka flisi ut or
auga åt bror din. 6 Gjev ikkje hundarne det som heilagt
er, og kasta ikkje perlorne dykkar for svini! Dei kjem
berre til å trøda deim under føterne, og snu seg og riva
dykk sund. 7 Bed, so skal de få, leita, so skal de finna,
banka på, so skal det verta upplate for dykk! 8 For kvar
den som bed, han fær, og den som leitar, han finn, og
den som bankar på, vert det upplate for. 9 Eller er
det nokon av dykk som gjev son sin ein stein når han
bed honom um brød, 10 eller ein orm når han bed um
ein fisk? 11 Når no de veit å gjeva borni dykkar gode
gåvor, de som er vonde, kor mykje meir vil so'kje far
dykkar i himmelen gjeva noko godt til deim som bed
honom! 12 Alt som de då vil at andre skal gjera mot
dykk, det skal de og gjera mot deim; for so er lovi og
profetarne. 13 Gakk inn igjenom den tronge porten! For
vid er den porten, og breid er den vegen som fører til
fortaping, og mange er dei som gjeng inn der. 14 Men
trong er den porten, og smal er den vegen som fører til
livet, og få er dei som finn honom. 15 Tak dykk i vare
for dei falske profetarne! Dei kjem til dykk i saueham,
men innvertes er dei gråduge ulvar. 16 På frukterne
deira skal de kjenna deim; kann ein hausta druvor av
klunger eller fikor av tistlar? 17 Soleis ber alle gode tre
god frukt; men låke tre ber vond frukt, 18 eit godt tre
kann ikkje bera vond frukt, og eit låkt tre kann ikkje
bera god frukt. 19 Men kvart tre som ikkje gjev god
frukt, vert hogge ned og kasta på elden. 20 So skal de
då kjenna deim på frukterne. 21 Ikkje alle som segjer
til meg: «Herre, herre!» skal koma inn i himmelriket,
men dei som gjer det far min i himmelen vil. 22 På den
dagen skal mange segja til meg: «Herre, herre, hev
me ikkje tala profetord i ditt namn, og drive ut djevlar i
ditt namn, og gjort mange under i ditt namn?» 23 Då
skal eg segja deim beint ut: «Eg hev aldri kjent dykk.

Gakk ifrå meg, de illgjerdsmenner!» 24 Den som no
høyrer desse ordi mine og gjer etter deim, honom vil
eg likna med ein vitug mann, som bygde huset sitt
på berg. 25 Og regnet sila, og elvarne fløymde, og
vindarne bles og sette mot huset; men det stod; for det
var tufta på berg. 26 Og den som høyrer desse ordi
mine og ikkje gjer etter deim, han kann liknast med
ein fåvis mann, som bygde huset sitt på sand. 27 Og
regnet sila, og elvarne fløymde, og vindarne bles og
sette mot huset; då fall det, og fallet vart stort.» 28 Då
Jesus hadde tala desse ordi, då var folket reint upp i
under yver læra hans. 29 For han lærde deim som ein
som hev velde, og ikkje som deira skriftlærde.

**8** Då han gjekk ned av fjellet, fylgde det mykje folk
med honom. 2 Best det var, kom ein som hadde
spillsykja, og fall på kne for honom og sagde: «Herre,
dersom du vil, so kann du gjera meg rein.» 3 Jesus
rette ut handi, og tok burt på honom og sagde: «Eg vil;
vert rein!» Då vart han med ein gong fri spillsykja, og
rein. 4 Og Jesus sagde til honom: «Sjå til at du ikkje
segjer dette med nokon, men gakk burt og te deg for
presten, og ber fram det offeret som Moses hev sagt
fyre, so du kann vitna for deim!» 5 Då han so gjekk inn
i Kapernaum, kom ein hovudsmann og tala til honom
og sagde: 6 «Herre, drengen min ligg lam heime, og
lid hardt.» 7 «Skal eg koma og lækja honom?» segjer
Jesus. 8 «Herre, » svara hovudsmannen, «eg er ikkje
verd at du stig inn under mitt tak. Men seg berre eit
ord, so vert drengen min god att! 9 For eg er ein mann
som må lyda deim som større er, og sjølv hev eg og
hersveinar under meg, og segjer eg til ein av deim:
«Gakk!» so gjeng han, og til ein annan: «Kom!» so
kjem han, og til tenaren min: «Gjer no det!» so gjer
han det.» 10 Då Jesus høyrde det, undra han seg,
og sagde til deim som var med honom: «Det segjer
eg dykk for sant: So stor ei tru hev eg ikkje funne hjå
nokon i Israel. 11 Og det skal de vita, at mange skal
koma både frå aust og frå vest og setja seg til bords
med Abraham og Isak og Jakob i himmelriket; 12 men
dei som riket var etla åt, skal ut i myrkret utanfor,
der dei græt og skjer tenner.» 13 So sagde han til
hovudsmannen: «Gakk heim att! Det skal verta som
du trudde.» Og drengen vart god att i same stundi. 14
Då Jesus kom heim til Peter, såg han at vermor hans
låg sjuk og hadde hiteflagor. 15 So tok han henne i
handi; då kvarv hiteflagorne burt, og ho stod upp og
stelte for honom. 16 Um kvelden kom dei til honom
med mange som var forgjorde og hadde vonde ånder i
seg, og han dreiv ut ånderne med eit einaste ord, og
alle som hadde vondt, gjorde han gode att. 17 Soleis
skulde det sannast det som Jesaja, profeten, hev tala,
når han segjer: «Han våre sotter på seg tok, og våre
sykjor bar.» 18 Då Jesus såg at det hadde samla seg
mykje folk ikring honom, sagde han til læresveinarne:
«Lat oss fara yver til hi sida!» 19 I det same kom ein
skriftlærd mann til honom og sagde: «Meister, eg vil
fylgja deg kvar du fer.» 20 Då svara Jesus: «Revarne
hev hi, og fuglarne i lufti hev reir, men Menneskjesonen
hev ingen stad han kann leggja sitt hovud nedpå.» 21
Ein annan - ein av læresveinarne hans - sagde med
honom: «Herre, lat meg fyrst få ganga heim og jorda
far min!» 22 Men Jesus svara: «Fylg du meg, og lat dei
daude jorda sine daude!» 23 So gjekk han ut i båten,
og læresveinarne var med. 24 Um eit bil vart det so
hard sjø at bårorne slo yver båten; men han låg og
sov. 25 Då gjekk dei burt til honom og vekte honom
og sagde: «Herre, hjelp! Me gjeng under!» 26 «Kvi er
de so rædde?» sagde han; «kor lite tru de hev!» So
stod han upp og truga vinden og sjøen, og det vart
blikende stilt. 27 Og folk undra seg og sagde: «Kva
mann er dette, at både vind og sjø må lyda honom?»
28 Då han kom yver på hi sida, til Gadarenarlandet,
møtte han tvo forgjorde, som kom ut or gravholorne;
dei var so ville og vonde at ingen kunde koma fram
den vegen. 29 Og best det var, sette dei i og ropa:
«Kva vil du oss, du Guds Son? Er du komen hit for å
plåga oss fyre tidi?» 30 Eit godt stykke ifrå gjekk ein
stor svineflokk på beite. 31 So bad ånderne: «Driv du
oss ut, so lat oss fara i svineflokken!» 32 «Gjer so då!»
svara han. Då for dei ut og for inn i svini. Og brått sette
heile flokken utyver stupet og ned i sjøen og druknast.
33 Gjætarane rømde, og då dei kom til byen, fortalde
dei alt saman, og sagde korleis det hadde gjenge med
dei forgjorde. 34 Då gjekk alt byfolket ut imot Jesus, og
då dei fekk sjå honom, bad dei at han vilde fara burt
ifrå bygderne deira.

**9** So gjekk han ut i båten og for yver og kom til sin
eigen by. 2 Då kom dei til honom med ein lam
mann, som låg i ei seng. Då Jesus såg trui deira,
sagde han til den lame: «Ver hugheil, son! Syndene
dine er tilgjevne.» 3 Då var det nokre av dei skriftlærde
som tenkte med seg: «Denne spottar Gud!» 4 Men
Jesus såg tankarne deira og sagde: «Kvi hyser de
so vonde tankar i hjarta? 5 Kva er lettast å segja:
«Synderne dine er tilgjevne, » eller: «Statt upp og
gakk?» 6 Men so de skal vita at Menneskjesonen
hev magt til å tilgjeva synder på jordi» - so segjer
han til den lame: «Statt upp, tak sengi og gakk heim
att!» 7 Då stod han upp og gjekk heim til seg. 8 Og
då folket såg det, vart dei ottefulle, og lova Gud som
hadde gjeve menneskje slik magt. 9 Då Jesus gjekk
lenger fram, fekk han sjå ein mann som sat på tollbudi
- Mattæus heitte han - og sagde til honom: «Fylg
meg!» Og han stod upp og fylgde Jesus. 10 Då han so

heldt måltid heime i huset sitt, kom mange tollmenner
og syndarar og sette seg til bords med Jesus og
læresveinarne hans. 11 Farisæarane såg det og sagde
til læresveinarne: «Kvifor et meisteren dykkar i lag med
tollmenner og syndarar?» 12 Då Jesus høyrde det,
sagde han: «Det er ikkje dei friske som treng lækjar,
men dei som hev vondt. 13 Gakk burt og lær kva
som ligg i det ordet: «D'er miskunn, ikkje offer, eg hev
hugnad i.» For eg er ikkje komen for å kalla rettferdige,
men syndarar.» 14 Då kom læresveinarne åt Johannes
til honom og sagde: «Korleis hev det seg at me og
farisæarane fastar so mykje, men dine læresveinar
fastar ikkje?» 15 Jesus svara: «Kann bryllaupsfolket
syrgja medan dei hev brudgomen hjå seg? Men det
kjem ei tid då brudgomen vert teken ifrå deim; då skal
dei fasta. 16 Ingen set ein lapp av ustampa ty på eit
gamalt klædeplagg; for boti riv med seg noko av sjølve
plagget, og rifti vert større. 17 Og ikkje hev dei ny vin
i gamle lerflaskor; for då rivnar flaskorne, so vinen
renn ned, og flaskorne forferst; ny vin hev dei i nye
lerflaskor; då held dei seg båe.» 18 Med han tala soleis
til deim, kom ein synagoge-forstandar og fall på kne
for honom og sagde: «Rett no hev dotter mi slokna;
men kom og legg handi di på henne, so livnar ho att!»
19 Jesus gjorde seg reidug og gjekk med honom, og
læresveinarne og. 20 Då kom det ei kvinna, som hadde
havt blodflod i tolv år; ho gjekk innåt honom attantil
og tok i ein av duskarne på kjolen hans, 21 for ho
tenkte med seg: «Kann eg berre få taka i kjolen hans,
so er eg berga.» 22 I det same snudde han seg og
såg henne. Då sagde han: «Ver hugheil, dotter! Trui di
hev hjelpt deg.» Og kvinna vart god att i same stundi.
23 Då Jesus kom heim til synagoge-forstandaren og
såg fløytelåtarane og hopen som ståka og våla, sagde
han til deim: 24 «Gakk burt! Gjenta er ikkje slokna;
ho søv.» Men dei berre log åt honom. 25 Då hopen
var driven ut, gjekk han inn, og tok henne i handi,
og gjenta stod upp. 26 Og gjetordet um dette kom
ut yver alle bygderne der ikring. 27 Då Jesus gjekk
burt att, fylgde tvo blinde etter honom og ropa: «Gjer
sælebot på oss, du Davids son!» 28 Og då han var
komen heim, gjekk dei etter han inn. Jesus sagde til
deim: «Trur de at eg kann gjera det?» «Ja, herre, »
svara dei. 29 Då tok han burtpå augo deira og sagde:
«Det skal verta som de trur.» 30 Og med ein gong
kunde dei sjå. Jesus tala strengt til deim og sagde:
«Sjå til at ingen fær vita det!» 31 Men dei var'kje
fyrr komne ut, fyrr dei bar gjetordet hans ut yver alle
bygder. 32 Med same dei gjekk ut, kom det nokre folk
til honom med ein mållaus mann som hadde ei vond
ånd i seg. 33 Då so den vonde åndi var drivi ut, tala
den mållause. Og folk undra seg og sagde: «Aldri hev
slikt vore set fyrr i Israel!» 34 Men farisæarane sagde:
«Det er djevlehovdingen sjølv som hjelper honom til å
driva djevlarne ut.» 35 Sidan gjekk Jesus kring i alle
byar og bygder og lærde folket i synagogorne deira, og
lyste ut evangeliet um Gudsriket, og lækte all sjukdom
og vanhelsa. 36 Og då han såg folkehopen, tykte han
hjarteleg synd um deim; for dei var ille medfarne og
nedforkomne, som ein saueflokk utan hyrding. 37 Då
sagde han til læresveinarne sine: «Grøda er stor, men
onnefolki er få. 38 Bed då honom som eig grøda at
han vil senda arbeidsfolk til å hausta inn grøda si!»

**10** So kalla han til seg dei tolv læresveinarne sine,
og gav deim magt yver ureine ånder, so dei
kunde driva deim ut, og kraft til å lækja all sjukdom
og vanhelsa. 2 So er namni på dei tolv apostlarne:
Fyrst Simon, han som kallast Peter, so Andreas, bror
hans, og Jakob, son åt Sebedæus, og Johannes, bror
hans, 3 Filip og Bartolomæus, Tomas og Mattæus,
tollmannen, Jakob, son åt Alfæus, og Lebbæus, 4
Simon Kananæus og Judas Iskariot, den same som
sveik honom. 5 Desse tolv var det Jesus sende ut,
og han rettleidde deim og sagde: «Tak ikkje vegen til
heidningarne, og gakk ikkje inn i nokon av samaritan-
byarne! 6 Gakk heller til dei forkomne lambi av
Israelshuset! 7 Og kvar de kjem, so gjer kunnigt at
himmelriket er nær! 8 Læk helselause, vekk upp daude,
gjer spillsjuke reine, driv ut djevlar! For inkje hev de
fenge det, for inkje skal de gjeva det. 9 Tak ikkje med
dykk gull eller sylv eller kopar i belti dykkar, 10 ikkje
ferdaskreppa, ikkje tvo trøyor, ikkje skor, ikkje stav!
For ein arbeidsmann er kosten sin verd. 11 Kvar gong
de kjem til ein by eller ei grend, so høyr etter kven
der er som er verd å taka imot dykk, og hjå honom
skal de vera til de tek ut att. 12 Når de kjem inn i eit
hus, so lys velsigning yver det, 13 og er huset verdt
det, so skal det få den velsigningi de hev lyst, men er
det ikkje verdt det, so skal velsigningi koma attende til
dykk. 14 Og er det nokon stad dei ikkje vil taka imot
dykk og ikkje vil høyra på ordi dykkar, so gakk ut att
or det huset eller den byen, og rist dusti av føterne
dykkar! 15 det segjer eg dykk for visst: På domedag
skal det ganga Sodoma- og Gomorralandet likare enn
den byen. 16 Sjå no eg sender dykk liksom sauer inn i
ulveflokken; ver då kloke som ormen og godtrugne
som duva! 17 Tak dykk i vare for folk! For dei kjem til
å gjeva dykk yver til domstolarne og hudfletta dykk i
synagogorne sine, 18 og for kongar og landshovdingar
skal dei føra dykk fram for mi skuld, so de skal vitna
for deim og for heidningarne. 19 Men når dei dreg
dykk for retten, so syt ikkje for korleis eller kva de skal
tala! Ordi de skal tala, skal de få i same stundi. 20

For det er ikkje de som talar; det er åndi åt far dykkar
som talar i dykk. 21 Bror skal senda bror i dauden,
og faren barnet sitt, og born skal standa fram mot
foreldri sine, og valda at dei lyt døy. 22 Og alle skal
hata dykk for mitt namn skuld: men den som held ut til
endes, han skal verta frelst. 23 Når dei då søkjer etter
dykk i ein by, so røm til ein annan! For det segjer eg
dykk for visst: De vinn ikkje vitja alle byarne i Israel
fyrr Menneskjesonen kjem. 24 Læresveinen er ikkje
yver meisteren, og tenaren er ikkje yver husbonden
sin. 25 Det lyt vera nok for læresveinen at han vert
som meisteren sin, og for tenaren at han vert som
husbonden. Hev dei kalla husbonden Be'elsebul, kann
so husfolket venta det betre? 26 Ver då ikkje rædde
deim! For ingen ting er løynt anna det ein gong kjem
upp, og ingen ting dult anna det ein gong vert kjent. 27
Det som eg segjer dykk i myrkret, skal de tala i ljoset,
og det som vert kviskra i øyra på dykk, skal de ropa ut
på taki. 28 Ottast ikkje dei som drep likamen, men
ikkje kann drepa sjæli! Ottast heller honom som kann
tyna både sjæl og likam i helvite! **(Geenna g1067)** 29 Sel
dei ikkje tvo sporvar for ein skilling? Og ikkje ein av
deim fell ned på jordi utan Far dykkar vil. 30 Og jamvel
alle håri på hovudet dykkar er talde. 31 So ver ikkje
rædde! De er meir enn mange sporvar. 32 Den som då
kjennest ved meg for folk, honom skal eg og kjennast
ved for far min i himmelen; 33 Men den som avneittar
meg for folk, honom skal eg og avneitta for far min i
himmelen. 34 De må'kje tru eg er komen for å føra
fred ned på jordi! Eg er'kje komen med fred, men med
sverd. 35 Eg er komen for å setja ufred millom far og
son, og millom mor og dotter, og millom vermor og
sonekona, 36 og mannen skal få sin eigen huslyd til
uven. 37 Den som hev far eller mor kjærare enn meg,
er ikkje verd meg, og den som hev son eller dotter
kjærare enn meg, er ikkje verd meg, 38 og den som
ikkje tek krossen sin og fylgjer etter meg, er ikkje verd
meg. 39 Den som vinn livet sitt, skal missa det, og
den som misser livet for mi skuld, skal vinna det. 40
Den som tek imot dykk, tek imot meg, og den som tek
imot meg, tek imot honom som sende meg. 41 Den
som tek imot ein profet for di han er ein profet, skal få
same løni som ein profet, og den som tek imot ein
rettferdig for di han er rettferdig, skal få same løni som
ein rettferdig. 42 Og den som gjev ein av desse små
um det er'kje anna enn ei skål med kaldt vatn, for di
han er min læresvein, han skal på ingen måte missa
løna si, det segjer eg dykk for visst.»

**11** Då Jesus hadde sagt alt det han vilde leggja
dei tolv læresveinarne på minne, for han burt att,
og tok til å læra folk og tala for dei kring i byarne. 2
Johannes fekk høyra i fengslet um gjerningarne åt
Kristus. Då sende han bod med læresveinarne sine,
og spurde honom: 3 «Er du den som skal koma, eller
lyt me venta ein annan?» 4 Jesus svara: «Gakk og
seg Johannes kva de høyrer og ser: 5 Blinde fær
syni si, og halte gjeng ikring, spillsjuke vert reine, og
dauve høyrer, daude stend upp att, og fatige fær høyra
evangeliet, 6 og sæl er den som ikkje styggjest ved
meg.» 7 Då dei gjekk burt, tok Jesus til å tala til folket
um Johannes: «Kvi gjekk de ut i øydemarki? Vilde
de sjå ei røyr som svagar att og fram i vinden? 8
Kvi gjekk de då der ut? Vilde de sjå ein mann med
fine klæde? Nei, dei som gjeng i fine klæde, held til i
kongsgardarne. 9 Men kvi gjekk de då der ut? Vilde de
sjå ein profet? Ja, segjer eg dykk, og det ein som er
meir enn profet. 10 Det er um honom det er skrive:
«Framfyre deg min ærendsvein eg sender; der du vil
fara, skal han vegen rydja.» 11 Det segjer eg dykk
for sant: Aldri hev det stige fram nokon større millom
menneskjeborni enn Johannes døyparen; og endå er
den minste i himmelriket større enn han. 12 Men frå
Johannes døyparens tid og til denne stund bryt folk
seg med magt inn i himmelriket, og dei som bryt seg
inn, riv det til seg. 13 For alle profetarne og lovi spådde
alt til Johannes kom; 14 og vil de tru det, so er han
Elia som skulde koma. 15 Høyr etter, kvar som høyra
kann! 16 Kven skal eg likna denne ætti med? Dei
likjest born som sit på torget og ropar til andre born: 17
«Me let i fløyta for dykk, og de dansa ikkje; me song
eit syrgjekvæde, og de øya ikkje.» 18 For fyrst kom
Johannes, og korkje åt eller drakk; då sagde dei: «Han
må vera forgjord!» 19 So kom Menneskjesonen; han et
og drikk, og so segjer dei: «Sjå for ein etar og drikkar!
Han er godvener med tollmenner og syndarar!» Men
visdomen hev prova si rettferd med sine gjerningar.»
20 So tok han til å lasta dei byarne som han hadde gjort
flest under i, for di dei ikkje vende um: 21 «Ve yver
deg, Korasin! Ve yver deg, Betsaida! Hadde dei underi
som eg gjorde i dykk, vore gjorde i Tyrus og Sidon, so
hadde dei longe angra og havt på seg sekk og oska.
22 Men det segjer eg dykk: På domedag skal det ganga
Tyrus og Sidon likare enn dykk. 23 Og du, Kapernaum,
som hev vore lyft upp til himmelen, til helheimen skal
du støytast ned! For hadde dei underi som er gjorde
i deg, vore gjorde i Sodoma, so hadde han stade til
denne dag. **(Hadēs g86)** 24 Men det segjer eg dykk: På
domedag skal det ganga Sodomalandet likare enn
dykk.» 25 I den same tidi tok Jesus til ords og sagde:
«Eg lovar deg, Fader, du som råder yver himmelen
og jordi, at du hev løynt dette for dei lærde og kloke,
og openberra det for dei ulærde og barnslege! 26 Ja,
Fader, for soleis tykte du det best! 27 Alt hev far min
gjeve i mine hender. Og ingen kjenner Sonen utan

Faderen, og ingen kjenner Faderen utan Sonen og dei
som Sonen vil openberra det for. 28 Kom til meg, alle
de som slit og hev tungt å bera! hjå meg skal de få
kvila dykk ut. 29 Tak mitt ok på dykk, og lær av meg!
for eg er mild og mjuk i hjarta, og de skal finna kvild for
sjælerne dykkar. 30 For mitt ok er godt, og mi byrd er
lett.»

**12** I den tidi gjekk Jesus på ein kviledag yver
åkrarne. Læresveinarne hans var svoltne og tok
til å riva av aks og eta. 2 Då farisæarane såg det,
sagde dei til honom: «Sjå læresveinarne dine! - no gjer
dei noko som ingen hev lov til å gjera på ein kviledag.»
3 Han svara: «Hev de'kje lese kva David gjorde då han
var svolten, han og dei som var med honom, 4 at han
gjekk inn i Guds hus, og åt skodebrødi, og dei hadde
han ikkje lov til å eta, korkje han eller fylgjesmennerne
hans, men berre prestarne. 5 Eller hev de'kje lese i lovi
at prestarne bryt helgi i templet på kviledagen, og er
endå skuldlause? 6 Men eg segjer dykk, at her er det
som er større enn templet. 7 Og hadde de visst kva
som ligg i det ordet: «D'er miskunn, ikkje offer, eg hev
hugnad i, » so hadde de ikkje fordømt desse uskyldige.
8 For Menneskjesonen råder yver kviledagen.» 9 So
gjekk han burt derifrå og til synagoga deira. 10 Der var
det ein mann som hadde ei nomi hand. So spurde dei
honom: «Tru det er rett å lækja folk på ein kviledag?»
For dei vilde få noko å klaga honom for. 11 Då sagde
han til deim: «Kven av dykk dreg ikkje upp att ein sau
som hev dotte ned i eit dike for honom på ein kviledag?
12 Og kor mykje meir er'kje eit menneskje enn ein sau!
So må det då vera rett å gjera vel på kviledagen.»
13 So segjer han til mannen: «Rett fram handi!» Då
rette han henne fram, og ho vart frisk liksom hi handi.
14 Men farisæarane gjekk ut og lagde råd um korleis
dei skulde få gjort ende på honom. 15 Då Jesus vart
vis med det, for han burt, og det fylgde mange med
honom. Han lækte deim alle, 16 men forbaud deim
strengt å gjera honom kjend. 17 Soleis skulde det
sannast det som er tala gjenom Jesaja, profeten, når
han segjer: 18 «Sjå sveinen unge som eg ut meg såg,
han som eg elskar, han, min hjartehugnad! På honom
vil eg leggja åndi mi, og rett skal for folki lysa ut. 19
Han trættar ikkje, ropar ikkje høgt. I gatorn' ingen høyra
fær hans røyst: 20 Den brotne røyri krys han ikkje
sund, rjukande skaren sløkkjer han'kje ut, fyrr retten
han til siger fram hev ført. 21 Til han skal folket setja
voni si.» 22 Sidan kom dei til honom med ein forgjord
som var både mållaus og blind, og han gjorde honom
god att, so den mållause tala og såg. 23 Då vart alt
folket reint upp i under og sagde: «Dette skulde vel
ikkje vera Davidssonen?» 24 Då farisæarane høyrde
det, sagde dei: «Denne kunde ikkje driva ut djevlarne,
fekk han ikkje hjelp av Be'elsebul, hovdingen deira.»
25 Men Jesus visste kva dei tenkte, og sagde til deim:
«Eit rike som ligg i strid med seg sjølv, kjem snart til å
øydast, og ein by eller eit hus som er kome i strid med
seg sjølv, stend ikkje lenge. 26 Er det no so at Satan
driv ut Satan, so er han komen i strid med seg sjølv,
og korleis kann då riket hans standa? 27 Og hjelper
Be'elsebul meg til å driva ut dei djevlarne, kven hjelper
då dykkar eigne folk til å driva deim ut? Difor skal dei
vera domarane dykkar. 28 Men er det Guds Ande som
hjelper meg til å driva ut djevlarne, so er då Gudsriket
kome til dykk. 29 Eller kven kann ganga inn i huset til ei
kjempa og rana eignaluterne hans, hev han ikkje fyrst
lagt kjempa i band? då kann han plundra huset. 30
Den som ikkje er med meg, er imot meg, og den som
ikkje sankar med meg, han spreider. 31 Difor segjer eg
dykk: All synd og spotting skal tilgjevast menneskja,
men spott imot Anden skal ikkje tilgjevast. 32 Og
den som lastar Menneskjesonen, skal få tilgjeving
for det; men den som lastar den Heilage Ande, fær
aldri tilgjeving, korkje i dette livet eller i det som skal
koma. (aiōn g165) 33 Anten lyt de segja: «Treet er godt,
og frukti på det er god, » eller og: «Treet er låkt, og
frukti på det er låk.» For på frukti kjenner ein treet. 34
De orme-ungar, korleis kann de tala noko godt, de
som er vonde? for frå munnen kjem det som hjarta
er fullt av. 35 Ein god mann ber fram gode ting av
det gode han gøymer hjå seg, og ein vond mann ber
fram vonde ting av det vonde han gøymer på. 36 Men
det segjer eg dykk: Kvart gagnlaust ord som folk hev
tala, skal dei svara for på domedag, 37 for etter ordi
dine vert du frikjend, og etter ordi dine vert du felt.»
38 Då tok nokre skriftlærde og farisæarar til ords og
sagde: «Meister, me vil gjerne sjå eit teikn av deg!»
39 Han svara: «Ei vond og utru ætt krev etter teikn,
men dei skal'kje få anna teikn enn det som hende
Jonas, profeten. 40 For liksom Jona var tri dagar og tri
næter i fiskebuken, soleis skal Menneskjesonen vera
tri jamdøger under jordi. 41 Nineve-mennerne skal
møta for domen saman med denne ætti og fella deim;
for dei vende um då Jona tala for deim, og her er meir
enn Jona. 42 Sudlands-dronningi skal standa fram for
domen i hop med denne ætti og fella deim; for ho kom
frå verdsens ende og vilde høyra Salomos visdom, og
her er meir enn Salomo. 43 Når den ureine åndi fer ut
or eit menneskje, flakkar ho yver vatslause vidder og
leitar etter ein kvilestad, men finn ingen. 44 So segjer
ho: «Eg vil fara attende til huset mitt, som eg flutte utor,
» og når ho kjem der, finn ho det tomt, og feia og fjelga.
45 Då fer ho av stad og tek med seg sju andre ånder
som er argare enn ho er sjølv, og dei gjeng inn og vert

buande der, og hev det vore ille med det menneskjet
fyrr, so vert det endå verre sidan. Soleis kjem det og til
å ganga med denne vonde ætti.» 46 Med han heldt på
å tala til folket, var mor hans og brørne hans komne,
og no stod dei utanfor og vilde finna honom. 47 Då so
ein kom inn og sagde det med honom, 48 svara han:
«Kven er mor mi, og kven er brørne mine?» 49 So
rette han handi ut mot læresveinarne sine og sagde:
«Sjå der er mor mi og brørne mine; 50 for den som
gjer det far min i himmelen vil, han er bror min og
syster mi og mor mi.»

**13** Same dagen gjekk Jesus ut og sette seg nedmed
sjøen. 2 Då samla det seg so mykje folk ikring
honom, at han laut ganga ut på eit skip og setja seg
der, og heile folkemengdi stod burtetter strandi. 3 Då
sagde han deim mangt og mykje i likningar og tok so
til ords: «Ein såmann gjekk ut og skulde så, 4 og då
han sådde, fall noko av kornet frammed vegen, og
fuglarne kom og åt det upp. 5 Noko fall på steingrunn;
der hadde det ikkje mykje jord, og det rann snøgt upp,
av di der var so grunt; 6 men då soli steig, skein det
av; for det hadde ikkje rot. 7 Noko fall millom klunger,
og klungeren voks upp og kjøvde det. 8 Noko fall i god
jord og gav grøda, sumt hundrad foll, og sumt seksti
foll, og sumt tretti foll. 9 Høyr etter, kvar som høyra
kann!» 10 Læresveinarne kom og sagde til honom:
«Kvi talar du til deim i likningar?» 11 Då svara han:
«De fær vita løyndomarne i himmelriket, men det gjer
ikkje dei. 12 For den som hev, han skal få, so han hev
nøgdi; men den som inkje hev, skal missa endå det
som han hev. 13 Difor talar eg til deim i likningar; for um
dei ser, so ser dei ikkje, og um dei høyrer, so høyrer
dei ikkje og skynar ikkje. 14 På deim vert det sanna
det som Jesaja spådde: «Ja, høyra skal de nok, men
ikkje håtta, sjå skal de nok, men de skal ikkje skilja. 15
For dette folket hev so hard ein hug; tungt høyrer dei
med øyro, og augo let dei att, so dei med augo inkje
sjå, med øyro inkje høyra skal, og aldri med sitt hjarta
skyna, og snu, so eg deim lækja fær.» 16 Men sæle
dykkar augo som ser, og dykkar øyro som høyrer! 17
For det segjer eg dykk for sant: Mange profetar og
rettferdige stunda etter å sjå det som de ser, og fekk
ikkje sjå det, og høyra det som de høyrer, og fekk ikkje
høyra det. 18 So høyr no de likningi um såmannen: 19
Kvar gong nokon høyrer ordet um Gudsriket, og ikkje
skynar det, so kjem den vonde og stel burt det som
er sått i hjarta hans; det er det kornet som var sått
frammed vegen. 20 Det som var sått på steingrunn, det
er den som høyrer ordet og straks tek imot det med
gleda, 21 men han hev ikkje rot i seg, og held ikkje ut
langt bilet; kjem han i naud eller fåre for ordet skuld,
so leidest han snart og fell ifrå. 22 Det som var sått
millom klunger, det er den som høyrer ordet, men suti
for det timelege og den svikalle rikdomen kjøver ordet,
so det ikkje ber frukt. (aiōn g165) 23 Det som var sått i
god jord, det er dei som høyrer ordet og skynar det;
dei er det som gjev grøda; ein gjev hundrad foll, og ein
seksti foll, og ein tretti foll.» 24 So sette han fram ei
onnor likning og sagde: «Himmelriket kann liknast med
ein mann som hadde sått godt frø i åkeren sin; 25
men medan folket sov, kom uvenen hans og sådde
svimling millom kveiten, og gjekk sin veg. 26 Då no
åkeren voks upp og skaut aks, so kom svimlingen og til
synes. 27 Då gjekk sveinarne til husbonden og sagde:
«Herre, sådde du'kje godt frø i åkeren din? Kvar kjem
då ugraset frå?» 28 «Det hev ein uven gjort, » svara
han. «Vil du me skal ganga og rykkja det upp?» segjer
dei. 29 «Nei, » sagde han, «for då kunde de koma til å
riva upp kveiten og med det same. 30 Lat båe veksa
med einannan til hausten, og når skurdonni kjem, vil
eg segja til skjerarane: «Sanka fyrst svimlingen saman
og bunta honom i hop til å brennast, men hav kveiten
inn i løda mi!»»» 31 So sette han fram ei likning til og
sagde: «Himmelriket er likt eit senapskorn som ein
mann tok og sette i hagen sin. 32 Det er mindre enn
alle andre frøkorn; men når det hev vakse upp, er det
større enn alle hagevokstrar og vert eit heilt tre, so
fuglane i lufti kjem og byggjer reir i greinerne på det.»
33 So sagde han deim ei onnor likning: «Himmelriket
er likt ein surdeig som ei kona tok og gøymde i tri
skjeppor mjøl, til alt mjølet var syrt.» 34 Alt dette tala
Jesus til folket i likningar, og utan likningar tala han
aldri til deim, 35 so det skulde sannast det som er
tala gjenom profeten, når han segjer: «Med likningar
so vil eg lata upp min munn, og segja fram det som
var løynt frå verdi vart.» 36 So bad han farvel med
folket og gjekk inn att. Då kom læresveinarne til honom
og sagde: «Tyd ut for oss likningi um svimlingen i
åkeren!» 37 Han svara: Den som sår det gode frøet, er
Menneskjesonen; 38 åkeren er verdi; det gode frøet
er dei som eig heime i Gudsriket, og svimlingen dei
som høyrer under den vonde; 39 uvenen som sådde
svimlingen, er djevelen; hausten er endelykti på verdi,
og skurdfolket er englarne. (aiōn g165) 40 Liksom no
svimlingen vert sanka i hop og uppbrend, soleis skal
det ganga til når det vert ende på verdi: (aiōn g165) 41
Menneskjesonen skal senda ut englarne sine, og dei
skal sanka ut or riket hans alt som skjemmer ut, og
alle som gjer urett, 42 og kasta deim i den gloande
omnen, der dei græt og skjer tenner. 43 Då skal dei
rettferdige skina som soli i riket åt far sin. Høyr etter,
kvar som høyra kann! 44 Himmelriket er likt ein skatt
som var nedgraven i ein åker. Den skatten var det ein

mann som fann; han grov honom ned att, og glad som
han var, gjekk han burt og selde alt det han hadde,
og kjøpte åkeren. 45 Sameleis er himmelriket likt ein
kjøpmann som leita etter væne perlor. 46 Då han so
fann ei som var ovgild, gjekk han av og gjorde alt han
åtte i pengar, og kjøpte den perla. 47 Sameleis er
himmelriket likt ei not som dei kastar i sjøen og fangar
alle slag fisk i; 48 når ho er full, dreg dei henne upp på
strandi, og so set dei seg ned og sankar den gode
fisken i koppar, men den som ikkje duger, kastar dei ut.
49 Soleis skal det ganga til når det vert ende på verdi.
Då skal englarne fara ut og skilja dei vonde frå dei
gode (aiōn g165) 50 og kasta dei vonde i den gloande
omnen, der dei græt og skjer tenner. 51 «Skyna de alt
dette?» «Ja, » svara dei. 52 «Det er godt, » sagde
han; «for ein lærar som hev gjenge himmelriks-skulen,
er lik ein husbond som tek fram både nytt og gamalt
av det han hev gøymt.» 53 Då Jesus hadde sagt deim
alle desse likningarne, for han burt att. 54 So kom han
til fødesheimen sin og lærde deim i synagoga deira, so
dei vart reint upp i under og sagde: «Kvar hev han
fenge slik visdom frå og slike underfulle krafter? 55
Er'kje dette timbremanns-sonen? Heiter ikkje mor hans
Maria, og brørne hans Jakob og Josef og Simon og
Judas? 56 Og systerne hans, bur dei'kje alle her i
grendi? Kvar hev so han fenge alt det frå?» 57 Og dei
støyttest ved honom. Men Jesus sagde til deim: «Ein
profet er ikkje vanvyrd utan i si eige grend og i si eigi
ætt.» 58 Og han gjorde ikkje mange under der, for di
dei var so vantrune.

**14** Ved det leitet fekk Herodes, fylkeskongen, høyra
gjetordet um Jesus. 2 Då sagde han til mennerne
sine: «Det er Johannes, døyparen! No hev han stade
upp frå dei daude; difor ter det seg so underfulle
krafter i honom.» 3 Herodes hadde teke Johannes
og lagt honom i bolt og jarn for Herodias skuld, kona
åt Filip, bror hans. 4 For Johannes hadde sagde til
honom: «Du må ikkje hava henne.» 5 Og Herodes
vilde helst ha slege honom i hel, men han torde ikkje
for folket; for dei heldt honom for ein profet. 6 So var
det årmålsdagen åt Herodes; og dotter åt Herodias
dansa for deim, og Herodes tykte so godt um henne, 7
at han lova og svor ho skulde få kva ho bad um. 8
Då fekk mori henne til å segja: «Gjev meg hovudet åt
Johannes døyparen, her, på eit fat!» 9 Kongen vart
ille ved, men for di han hadde svore, og for gjesterne
skuld, sagde han at dei skulde lata henne få det; 10
og han sende ut folk og let dei hogga hovudet av
Johannes i fengslet. 11 So kom dei med hovudet hans
på eit fat og gav det til gjenta, og ho gjekk til mor si
med det. 12 Og læresveinarne hans kom og tok liket
og bar honom til gravi; sidan gjekk dei til Jesus med
bod um det som var hendt. 13 Då Jesus høyrde det,
for han i ein båt burt til ein øydestad, so han kunde få
vera åleine; men folket fekk spurt det og fylgde etter
honom landveges frå byarne. 14 Då han steig i land,
fekk han sjå ein stor folkehop, og han tykte hjarteleg
synd i deim, og lækte deim som var sjuke. 15 Då det
leid til kvelds, gjekk læresveinarne burt til honom og
sagde: «Det er audt her, og dagen lid; send folket frå
deg, so dei kann ganga burt i grenderne og kjøpa seg
mat!» 16 «Dei treng ikkje ganga burt, » sagde Jesus;
«gjev de deim mat!» 17 «Me hev'kje her anna fem
brødleivar og tvo fiskar, » svara dei. 18 «Kom hit til
meg med det!» sagde han. 19 So bad han folket setja
seg i graset, og tok dei fem brødleivarne og dei tvo
fiskarne, og såg upp imot himmelen og velsigna deim,
og so braut han brødet og gav det til læresveinarne,
og læresveinarne gav det til folket. 20 Alle åt og vart
mette, og då dei samla upp dei stykki som att var,
so vart det tolv fulle korger. 21 Og det var um lag
fem tusund mann som hadde ete, umfram kvinnor
og born. 22 Med same dette var gjort, nøydde han
læresveinarne til å ganga i båten og fara fyre seg yver
sjøen, med han bad farvel med folket. 23 Då han so
hadde sendt folket frå seg, gjekk han upp i fjellet, so
han kunde vera for seg sjølv og beda, og etter det
var avdaga, var han der einsleg. 24 Båten var alt midt
utpå sjøen og tevla hardt i bylgjorne; for vinden var
imot. 25 Då, i den fjorde nattevakti, kom han gangande
burtimot deim yver sjøen; 26 og då læresveinarne
såg han ganga på sjøen, vart dei forfærde og sagde:
«Det er eit skrymt!» og dei var so rædde at dei skreik.
27 Men i det same tala han til deim og sagde: «Ver
hugheile! Det er eg. Ver ikkje rædde!» 28 Då tok Peter
til ords og sagde: «Herre, er det du, so seg at eg skal
koma til deg på vatnet!» 29 «Kom du!» svara han. So
steig Peter ut or båten og gjekk burtyver vatnet og
vilde møta Jesus. 30 Men då han såg det harde veret,
vart han rædd, og tok til å søkka. Då ropa han: «Herre,
frels meg!» 31 Og med det same rette Jesus ut handi
og greip honom og sagde: «Kor lite tru du hev! Kvi tvila
du?» 32 So steig dei upp i båten, og vinden lagde seg.
33 Og dei som var i båten, fall på kne for honom og
sagde: «Ja, sanneleg er du Guds Son!» 34 Då dei var
komne yver, lagde dei til lands i Gennesaret. 35 Folket
der i bygdi kjende honom att, og sende bod kringum i
heile grannelaget. Då kom dei til honom med alle som
hadde vondt, 36 og dei bad um dei berre måtte få taka
i falden på kjolen hans, og alle som kom nær honom,
vart gode att.

**15** So kom det nokre farisæarar og skriftlærde til
Jesus frå Jerusalem og sagde: 2 «Kvi bryt
læresveinarne dine dei skikkarne me hev etter dei

gamle? dei tvær ikkje henderne fyrr dei gjeng til bords!»
3 «Og de, » svara han, «kvi bryt de Guds bod for
skikkarne dykkar skuld? 4 Gud hev sagt: «Du skal æra
far din og mor di!» og: «Den som bannar far sin eller
mor si, skal døy!» 5 Men de segjer: «Når ein talar so
til far sin eller mor si: «Det som eg kunde ha hjelpt
deg med, lyt eg gjeva til templet, » so tarv han ikkje
æra foreldri sine.» 6 Soleis hev de gjort Guds bod um
inkje for dykkar eigi læra skuld. 7 De hyklarar! Jesaja
spådde sant um dykk då han sagde: 8 «Med lipporn'
lovar dei meg, denne lyden, men hugen deira er langt
ifrå meg. 9 D'er liten mun i at dei meg vil æra, når dei
lærer folk det som er mannebod.»» 10 So kalla han
folket hitåt seg og sagde til deim: «Høyr etter, og tenk
på det eg segjer!» 11 Det er'kje det som kjem inn i
munnen som gjer menneskja urein, men det som gjeng
ut or munnen, det er det som gjer menneskja urein!
12 Då gjekk læresveinarne fram og sagde til honom:
«Veit du at farisæarane vart arge då dei høyrde det
du sagde?» 13 Han svara: «Kvar plante som ikkje
far min i himmelen hev sett, skal rivast upp med rot.
14 Bry dykk ikkje um deim! Dei er blinde vegleidarar
for blinde; og når ein blind leider ein blind, so dett
dei båe i grefti.» 15 Då tok Peter til ords og sagde til
honom: «Tyd oss den likningi di!» 16 «Hev de endå
ikkje betre vit, de heller?» svara han. 17 «Skynar de
ikkje at alt det som kjem inn i munnen, gjeng ned i
magen, og fer ut der det skal? 18 Men det som gjeng
ut or munnen, kjem frå hjarta, og det gjer menneskja
urein; 19 for frå hjarta kjem vonde tankar: manndråp,
egteskapsbrot, lauslivnad, tjuvskap, range vitnemål,
gudsspotting. 20 Det er det som gjer menneskja urein;
men å eta med utvegne hender gjer ikkje menneskja
urein. 21 So for Jesus derifrå, og tok vegen burt til
bygderne kring Tyrus og Sidon. 22 Då kom det ei
kananæisk kona ut frå dei grenderne og ropa: «Herre,
Davids son, gjer sælebot på meg! Dotter mi er so ille
plåga av ei vond ånd.» 23 Men han svara henne ikkje
eit ord. Då gjekk læresveinarne fram og bad honom:
«Kjære, få henne frå deg! Ho ropar so etter oss.» 24
«Det er berre dei forkomne sauerne av Israelshuset
eg er send til, » svara han. 25 So kom ho og fall på
kne for honom og sagde: «Herre, hjelp meg!» 26 Men
han svara: «Det er'kje vænt å taka brødet frå borni og
kasta det for hund-ungarne.» 27 «Det er sant, Herre, »
sagde ho, «men hund-ungarne et då av dei molarne
som fell frå bordet åt herrarne deira.» 28 Då svara
Jesus: «Stor er trui di, kona! Du skal få det som du
vil.» Og dotter hennar vart god att i same stundi. 29
So for Jesus burt derifrå og kom til Galilæasjøen, og
han gjekk upp i fjellet og sette seg der. 30 Då kom
dei til honom i store flokkar, og hadde med seg halte
og blinde og mållause og kryplingar og mange andre,
og lagde deim ned for føterne hans, og han gjorde
dei gode att, 31 so folket undra seg då dei såg at
mållause tala, og kryplingar vart friske og føre, og halte
gjekk ikring, og blinde såg; og dei lova Israels Gud.
32 Då kalla Jesus læresveinarne til seg og sagde: Eg
tykkjer hjarteleg synd i folket; for no hev dei alt vore
hjå meg i tri dagar, og dei hev'kje noko å eta; og ikkje
vil eg senda deim fastande frå meg; for då kunde dei
ormegtast på vegen.» 33 Læresveinarne svara: «Kor
skal me her i øydemarki få brød nok til å metta so stor
ein hop?» 34 «Kor mykje brød hev de?» spurde Jesus.
«Sju leivar, » sagde dei, «og nokre få småfiskar.» 35
Då let han folket setja seg ned på marki, 36 og han tok
dei sju leivarne og fiskarne, og takka, og bytte deim
sund og gav det til læresveinarne, og læresveinarne
gav det til folket. 37 Då alle hadde ete og var mette,
samla dei upp dei stykki som att var; det var sju fulle
korger. 38 Og det var fire tusund mann som hadde ete,
umfram kvinnor og born. 39 Sidan bad Jesus farvel
med folket, og steig ut i båten og for til Magadanbygdi.

**16** Då kom farisæarane og sadducæarane og freista
honom, og bad at han vilde lata deim få sjå eit
teikn frå himmelen. 2 Han svara: «Um kvelden segjer
de: «Det vert godt ver; for himmelen er raud, » 3 og
um morgonen: «I dag vert det uver; for himmelen er
raud og myrk.» Himmelsbragdi veit de å døma um,
men tidarteikni kann de ikkje tyda. 4 Ei vond og utru
ætt krev etter teikn, men dei skal'kje få anna teikn enn
Jona-teiknet.» Dermed snudde han seg ifrå deim og
gjekk burt. 5 Då dei so for yver til hi sida, gløymde
læresveinarne å taka brød med seg. 6 So sagde Jesus
til deim: «Sjå til at de tek dykk i vare for farisæar- og
sadducæar-surdeigen!» 7 Då sagde dei seg imillom:
«Det er av di me ikkje tok brød med oss!» 8 Jesus
gådde det og sagde: «Kvi talar de dykk imillom um det
at de ikkje hev brød med, de fåtruande? 9 Hev de endå
so lite vit? Kjem de ikkje i hug dei fem brødleivarne til
dei fem tusund mann, og kor mange korger de fekk
att, 10 og ikkje dei sju leivarne til dei fire tusund, og kor
mange korger de då fekk att? 11 Kann de då'kje skyna
at det ikkje var brød eg tala til dykk um? Men agta dykk
for farisæar- og sadducæar-surdeigen!» 12 Då skyna
dei at det ikkje var surdeigen i brødet han hadde meint,
men læra åt farisæarane og sadducæarane. 13 Då
Jesus var komen til bygderne kring Cæsarea Filippi,
spurde han læresveinarne sine: «Kven segjer folk at
Menneskjesonen er?» 14 Dei svara: «Sume segjer:
«Johannes døyparen, » andre: «Elia», endå andre:
«Jeremia eller ein annan av profetarne.»» 15 «Kven
segjer då de at eg er?» spurde han. 16 Då tok Simon
Peter til ords og sagde: «Du er Messias, den livande

Guds Son.» 17 Og Jesus sagde til honom: «Sæl er
du, Simon Jonason! for det er ikkje kjøt og blod som
hev lært deg det, men far min i himmelen. 18 Og no
segjer eg deg at du er Peter; yver den steinen vil eg
byggja mi kyrkja, og helheimsportarne skal ikkje vinna
yver henne. (Hadēs g86) 19 Eg vil gjeva deg lyklarne til
himmelriket; det som du bind på jordi, skal vera bunde
i himmelen, og det som du løyser på jordi, skal vera
løyst i himmelen.» 20 So forbaud han læresveinarne å
segja det med nokon at han var Messias. 21 Frå den
tidi tok Jesus til å syna læresveinarne at han laut fara
til Jerusalem og tola mykje vondt av styresmennerne
og dei øvste prestarne og dei skriftlærde, og at dei
kom til å drepa honom, men tridje dagen skulde han
standa upp att. 22 Peter tok honom til sides og for til å
telja for honom og sagde: «Hjelpe deg Gud, Herre!
Slikt må aldri henda deg!» 23 Då snudde han seg imot
Peter og sagde: «Gakk utor augo mine, Satan! Du
er meg eit styggje, for du hev'kje ans for det som er
Guds vilje, men berre for det som er menneskjevilje.»
24 Same gongen sagde Jesus til læresveinarne sine:
«Vil nokon vera i lag med meg, so lyt han gløyma seg
sjølv, og taka krossen sin upp og fylgja etter meg.
25 For den som vil berga livet sitt, skal missa det;
men den som misser livet for mi skuld, skal finna det.
26 Kva batar det eit menneskje, um han vinn heile
verdi, men taper sjæli si? Eller kva hev menneskjet
å gjeva i byte for sjæli si? 27 For Menneskjesonen
skal koma i herlegdomen åt far sin med englarne sine,
og då skal han gjeva kvar og ein lika for det dei hev
gjort. 28 Det segjer eg dykk for visst: Sume av dei som
stend her, skal ikkje smaka dauden fyrr dei hev set
Menneskjesonen koma i sitt kongelege velde.»

**17** Seks dagar etter tok Jesus Peter og Jakob og
Johannes, bror hans, med seg upp på eit høgt
fjell, og der var dei åleine. 2 Då vart han forklåra for
augo deira: andlitet hans skein som soli, og klædi
var kvite som ljoset. 3 Og best det var, fekk dei sjå
Moses og Elia; dei stod og tala med honom. 4 Då
tok Peter til ords og sagde til Jesus: «Herre, det er
godt at me er her! Vil du, so skal eg gjera tri hyttor
her, ei åt deg, og ei åt Moses, og ei åt Elia.» 5 Fyrr
han hadde tala ut, kom det ei ljos sky og skygde
yver deim, og or skyi kom det ei røyst som sagde:
«Dette er son min, han som eg elskar, han som eg
hev hugnad i. Høyr på honom!» 6 Då læresveinarne
høyrde det, kasta dei seg å gruve og var ovleg rædde.
7 Jesus gjekk burt åt deim og tok i deim og sagde:
«Reis dykk upp, og ver ikkje rædde!» 8 Men då dei
såg upp, vart dei'kje vare nokon utan Jesus åleine. 9
So gjekk dei ned av fjellet, og Jesus sagde til deim:
«Tala ikkje til nokon um den syni de hev havt, fyrr
Menneskjesonen hev stade upp frå dei daude!» 10 Då
spurde læresveinarne: «Kvi segjer då dei skriftlærde at
fyrst lyt Elia koma?» 11 Han svara: «Elia kjem nok, og
skal setja alt i rett lag att, 12 men eg segjer dykk: Elia
er alt komen, og dei kjendest ikkje ved honom, men for
åt med honom som dei vilde; like eins kjem dei til å
fara med Menneskjesonen.» 13 Då skyna dei at det
var Johannes døyparen han tala til deim um. 14 Då dei
hadde nått fram til folket, kom det ein mann og fall
på kne for honom og sagde: 15 «Herre, gjer sælebot
på son min! Han hev nedfallsotti og lid mykje vondt;
tidt fell han i elden, og tidt i vatnet. 16 Eg hev vore til
læresveinarne dine med honom, men dei kunde ikkje
gjera honom god att.» 17 Då tok Jesus til ords og
sagde: «Å, du vantrune og rangsnudde ætt! Kor lenge
skal eg vera hjå dykk? Kor lenge skal eg tola dykk?
Kom hit til meg med honom!» 18 So tala Jesus strengt
til honom; då for den vonde åndi utor guten, og han
vart god att i same stundi. 19 Då Jesus hadde vorte
åleine, kom læresveinarne til honom og sagde: «Kvi
kunde ikkje me driva den åndi ut?» 20 «Av di de er so
vantrune, » svara han; «for det segjer eg dykk for sant:
Hev de tru, um ho ikkje er større enn eit senapskorn,
so kann de segja til dette fjellet: «Flyt deg herifrå og
dit!» - då skal det flytja seg, og ingen ting skal vera
umogeleg for dykk. 21 Men dette slaget gjeng ikkje ut,
utan med bøn og fasta.» 22 Med dei ferdast kring i
Galilæa, sagde Jesus til deim: «Menneskjesonen skal
gjevast yver i menneskjehender, 23 og dei skal drepa
honom, men tridje dagen skal han standa upp att.»
Då vart dei ovleg sorgfulle. 24 Då dei var komne til
Kapernaum, kom dei som kravde inn tempelskatten, til
Peter og sagde: «Legg ikkje meisteren dykkar skatt til
templet?» 25 «Jau, » segjer han. So gjekk han inn i
huset, og fyrr han fekk sagt noko, spurde Jesus: «Kva
meiner du, Simon? Kven tek kongarne på jordi toll
eller skatt av - av borni sine eller av framande?» 26
«Av framande, » svara Peter. «So er borni skattefrie
då, » sagde Jesus. 27 «Men me vil ikkje arga deim
- gakk ned til sjøen og kasta ut kroken, og grip den
fyrste fisken som kjem upp! Når du so opnar gapet på
honom, skal du finna ein stater; tak den og gjev deim
for meg og deg!»

**18** I same bilet kom læresveinarne til Jesus og
spurde: «Kven er no den største i himmelriket?»
2 Då kalla han til seg eit lite barn, og sette det midt
imillom deim 3 og sagde: «Det segjer eg dykk for sant:
Vender de'kje um, og vert som borni, so kjem de aldri
inn i himmelriket. 4 Den som gjer seg sjølv liten som
dette barnet, han er den største i himmelriket; 5 og den
som tek imot eitt sovore barn i mitt namn, han tek imot
meg. 6 Men den som freistar nokon av desse små

som trur på meg, han var betre faren dei hadde hengt
ein kvernstein um halsen på honom og søkkt honom
ned i djupaste havet. 7 Ve yver verdi for freistingarne
hennar! Freistingar lyt det koma, men ve yver den
som freistingi kjem frå! 8 Um handi di eller foten din
freistar deg, so hogg deim av og kasta deim frå deg!
Det er betre for deg å ganga einhendt eller halt inn til
livet enn å hava tvo hender og tvo føter og kastast i
den ævelege elden. (aiōnios g166) 9 Og um auga ditt
freistar deg, so riv det ut og kasta det frå deg! Det er
betre for deg å ganga einøygd inn til livet enn å hava
tvo augo og kastast i helveteselden. (Geenna g1067)
10 Agta dykk at de ikkje vanvyrder nokon av desse
små! for eg segjer dykk at englarne deira i himmelen
allstødt fær sjå åsyni åt far min i himmelen. 11 For
Menneskjesonen er komen for å frelsa det som var
fortapt. 12 Kva trur de? - Um ein mann hev hundrad
sauer, og ein av deim villar seg burt, let han'kje då dei
ni og nitti ganga lause i fjellet og tek ut og leitar etter
den som fer vilt? 13 og hender det at han finn honom,
då segjer eg dykk for visst: Han gleder seg meir yver
honom enn yver dei ni og nitti som ikkje hev villa seg
burt. 14 Soleis vil ikkje heller far dykkar i himmelen at
ein einaste av desse små skal fortapast. 15 Hev bror
din synda imot deg, so gakk til honom og tala honom til
rettes på tvomannshand! Høyrer han på deg, so hev du
vunne bror din; 16 men vil han ikkje høyra, so tak med
deg endå ein eller tvo, so kvar ting kann provast med
tvo eller tri manns vitnemål. 17 Høyrer han ikkje på
deim, so seg det til kyrkjelyden! Og høyrer han ikkje på
kyrkjelyden heller, då skal han vera som ein heidning
og tollmann for deg. 18 Det segjer eg dykk for sant: Alt
det de bind på jordi, skal vera bunde i himmelen, og alt
det de løyser på jordi, skal vera løyst i himmelen. 19
Sameleis segjer eg dykk: Alt det som tvo av dykk her
på jordi er samde um å beda um, det skal dei få av far
min i himmelen. 20 For der som tvo eller tri er samla i
mitt namn, der er eg midt imillom deim.» 21 Då gjekk
Peter fram og sagde: «Herre, kor mange gonger skal
eg tilgjeva bror min når han hev synda imot meg - so
mykje som sju gonger?» 22 Jesus svara: «Ikkje sju
gonger, segjer eg deg, men sytti gonger sju gonger.»
23 For himmelriket kann liknast med ein konge som
vilde gjera upp rekneskapen med tenarane sine. 24
Då han no tok til med uppgjerdi, førde dei fram for
honom ein som var skuldig ti millionar dalar. 25 Men
han hadde'kje noko å greida det med. So sagde herren
hans at han skulde seljast, både han og kona hans og
borni og alt det han åtte, so gjelda kunde greidast.
26 Då fall tenaren på kne for honom og sagde: «Ver
tolug med meg, so skal du få det alt saman!» 27 Og
herren tykte synd i tenaren sin og gav honom fri, og
ettergav honom skuldi. 28 Då den same tenaren kom
ut att, møtte han ein av dei andre tenarane, som var
skuldig honom tjuge dalar, og han greip honom og
vilde strøypa honom, og sagde: «Kom med det du er
skuldig!» 29 Då fall den andre på kne og bad for seg
og sagde: «Ver tolug med meg, so skal du få det!» 30
Men han vilde ikkje; han tok og sette medtenaren sin i
fengsel; der skulde han sitja til skuldi var greidd. 31 Då
dei andre tenarane såg kva som gjekk fyre seg, vart dei
ille ved; og dei gjekk til herren sin, og fortalde honom
alt det som var hendt. 32 Då kalla herren honom fyre
seg og sagde til honom: «Du vonde tenar! Heile den
store skuldi di gav eg deg etter då du bad meg! 33
Skulde so'kje du og ha vore mild imot medtenaren din,
som eg var imot deg!» 34 Og herren hans vart harm
og gav honom yver til fangevaktarane, so dei skulde
pina honom til han hadde greidt all skuldi. 35 So skal
og far min i himmelen gjera med dykk, når de ikkje av
hjarta tilgjev kvarandre.

**19** Då Jesus hadde tala desse ordi, bar det so til at
han tok ut frå Galilæa og for til Juda-bygderne.
Han lagde vegen gjenom landet på hi sida Jordan; 2
mykje folk fylgde honom der, og han lækte deim. 3
Då kom farisæarane til honom, og vilde freista honom
og sagde: «Tru ein mann hev lov til å skilja seg frå
kona si, kva orsak han tykkjest hava?» 4 Han svara:
«Hev de'kje lese at skaparen alt ifrå det fyrste skapte
deim mann og kvinna, 5 og sagde: «Difor skal mannen
skiljast med far sin og mor si og halda seg hjå kona si,
og dei tvo skal vera eitt kjøt?» 6 So er dei då ikkje
lenger tvo, men eitt kjøt, og det som Gud hev bunde i
hop, det skal ikkje menneskja skilja.» 7 Segjer dei til
honom: «Kvi sagde då Moses at mannen skulde gjeva
kona skilsmålsbrev og senda henne frå seg?» 8 «For
dykkar harde hjarto skuld gav Moses dykk lov til å
skiljast frå konorne dykkar, » svara han, «men frå det
fyrste hev det ikkje vore so. 9 Og det segjer eg dykk,
at den som skil seg frå kona si for anna enn utruskap,
og gifter seg med ei onnor, han gjer hor.» 10 Då sagde
læresveinarne til honom: «Er det den retten som gjeld
millom mann og kona, då er det ikkje godt å gifta seg.»
11 Han svara: «Det er noko som ikkje alle kann læra,
men berre dei som hev fenge gåva til det; 12 for det
finst gjeldingar som er fødde so av morsliv, og det finst
gjeldingar som folk hev gjeldt, og det finst gjeldingar
som hev gjeldt seg sjølve for himmelriket skuld. Lat
deim skyna det dei som kann!» 13 So bar dei småborn
til honom, og bad han vilde leggja henderne på deim
og beda for deim. Læresveinarne truga deim, 14 men
Jesus sagde: «Lat småborni vera, og hindra deim ikkje
å koma til meg! For himmelriket høyrer sovorne til.» 15
Og han lagde henderne på deim, og for so derifrå. 16

Då kom det ein til honom og sagde: «Meister, kva godt
skal eg gjera so eg kann få eit æveleg liv?» **(aiōnios**
**g166)** **17** «Kvi spør du meg um det som er godt?» svara
han. «Det er berre ein som er god. Men vil du ganga
inn til livet, so haldt bodi!» **18** «Kva for bod?» spurde
han. «Desse, » svara Jesus: «Du skal ikkje drepa! Du
skal ikkje gjera hor! Du skal ikkje stela! Du skal ikkje
vitna rangt! **19** Du skal æra far din og mor di! Du skal
elska grannen din som deg sjølv!» **20** «Alt det hev eg
halde, » segjer den unge mannen; «kva er det då som
vantar meg?» **21** Jesus svara: «Vil du vera fullkomen,
so tak og sel det du eig, og gjev det til dei fatige! då
skal du få ein skatt i himmelen; og kom so og fylg
meg!» **22** Då den unge mannen høyrde det, vart han
ille ved, og gjekk burt; for han hadde mykje gods. **23**
Då sagde Jesus til læresveinarne sine: «Det segjer
eg dykk for sant: Det er vandt for ein rik å koma inn i
himmelriket. **24** Ja, eg segjer dykk: Ein kamel kjem
lettare gjenom eit nålauga enn ein rik kjem inn i Guds
rike.» **25** Då læresveinarne høyrde det, vart dei reint
forfærde og sagde: «Kven kann då verta frelst?» **26**
Jesus såg på deim og sagde: «For menneskje er det
umogelegt, men for Gud er alt mogelegt.» **27** Då tok
Peter til ords og sagde til honom: «Sjå, me hev gjeve
ifrå oss alt og fylgt deg; kva skal då me få?» **28** Og
Jesus svara: «Det segjer eg dykk for sant: Når alt vert
nytt, og Menneskjesonen sit i sin glimande kongsstol,
då skal de og, som hev fylgt meg, sitja i tolv høgsete
og styra dei tolv Israels-ætterne. **29** Og kvar som hev
skilt seg med hus eller brør eller syster eller far eller
mor eller born eller gardar for mitt namn skuld, han
skal få det att mange gonger og erva eit æveleg liv.
**(aiōnios g166)** **30** Men mange av dei fyrste skal vera dei
siste, og mange av dei siste dei fyrste.

**20** For himmelriket kann liknast med ein husbond
som gjekk ut tidleg um morgonen og vilde leiga
arbeidsfolk til vingarden sin. **2** Han vart samd med
arbeidsfolki um ei mark for dagen, og sende deim burt i
vingarden. **3** So gjekk han ut ikring den tridje timen, og
fekk sjå nokre andre som stod gjerandslause på torget.
**4** Han sagde til deim: «Gakk de og burt i vingarden,
og det som rett er, skal de få.» So gjekk dei. **5** Sidan
gjekk han ut ikring den sette og niande timen og gjorde
like eins. **6** Då det leid til den ellevte timen, gjekk han
ut att, og fann endå nokre som stod der. Han segjer
til dei: «Kvi stend de her arbeidslause heile dagen?»
**7** «Av di ingen hev leigt oss, » svara dei. «Gakk de
og burt i vingarden!» sagde han då. **8** Um kvelden
sagde vingardseigaren til hushaldaren sin: «Ropa inn
arbeidsfolket, og lat deim få løni si! Tak til med dei
siste, og haldt fram til dei fyrste!» **9** So kom dei som
var leigde kring den ellevte timen, og fekk ei mark
kvar. **10** Då dei fyrste kom, tenkte dei at dei skulde få
meir; men dei fekk og kvar si mark; **11** då dei fekk den,
mukka dei mot husbonden og sagde: **12** «Desse siste
hev'kje arbeidt meir enn ein time, og so gjev du deim
likt med oss, som hev slite og sveitta heile dagen!» **13**
Då svara han ein av deim: «Eg gjer deg ikkje urett,
venen min. Var me'kje samde um ei mark? **14** Tak du
ditt og gakk! Men eg hev hug til å gjeva denne siste
likso mykje som deg. **15** Hev eg'kje lov til å gjera med
mitt som eg vil? Eller ser du ilt til det at eg gjer vel?»
**16** Soleis skal dei siste vera dei fyrste, og dei fyrste dei
siste; for mange er kalla, men få utvalde.» **17** Med
Jesus var på vegen til Jerusalem, tok han dei tolv
læresveinarne til sides og sagde til deim: **18** «No fer
me upp til Jerusalem, og Menneskjesonen skal gjevast
i henderne på dei øvste prestarne og dei skriftlærde,
og dei kjem til å døma honom frå livet **19** og gjeva
honom yver til heidningarne, so dei skal spotta og
hudfletta og krossfesta honom; men tridje dagen skal
han standa upp att.» **20** Då kom mor åt Sebedæus-
sønerne til honom med sønerne sine, og fall på kne og
bad honom um noko. **21** «Kva er det du vil?» spurde
han. Ho svara: «Seg at desse tvo sønerne mine skal
få sitja innmed deg i riket ditt, den eine på di høgre
og den andre på di vinstre sida!» **22** «De veit ikkje
kva de bed um, » sagde Jesus. «Kann de drikka den
skåli som eg lyt drikka?» «Ja, det kann me, » svara
dei. **23** Då sagde han: «Mi skål skal de nok drikka,
men sæte ved mi høgre og vinstre sida kann ikkje eg
gjeva nokon; det lyt dei få som far min hev etla det
åt.» **24** Då dei ti høyrde det, vart dei harme på dei tvo
brørne. **25** Då kalla Jesus deim kring seg og sagde:
«De veit at fyrstarne råder yver folki sine, og dei store
hev velde yver deim. **26** Men so skal det ikkje vera
hjå dykk; den som vil verta stor millom dykk, lyt tena
dei andre, **27** og den som vil vera den fyrste av dykk,
lyt vera træl for dei andre. **28** Menneskjesonen er'kje
heller komen for å tenast, men for å tena og gjeva livet
sitt til løysepening for mange.» **29** Då dei tok ut frå
Jeriko, fylgde det mykje folk med honom. **30** Attmed
vegen sat det tvo blinde, og då dei høyrde at Jesus
for framum, ropa dei: «Gjer sælebot på oss, Herre,
du Davids son!» **31** Folket truga deim, og sagde dei
skulde tegja; men dei ropa endå meir: «Herre, gjer
sælebot på oss, du som er Davids son!» **32** Då stana
Jesus og ropa på deim og sagde: «Kva vil de eg skal
gjera for dykk?» **33** «Herre, lat oss få att syni!» svara
dei. **34** Jesus tykte synd i deim og tok burtpå augo
deira; og med ein gong kunde dei sjå, og dei fylgde
honom.

**21** Då dei var komne til Betfage, til Oljeberget, og
ikkje hadde langt att til Jerusalem, då sende

Jesus tvo læresveinar i veg og sagde til deim: **2** «Gakk
inn i den grendi som ligg beint framfor dykk! Der finn
de straks ei asna som stend bundi, og ein fole attmed
henne; dei skal de løysa og leida hit til meg. **3** Og er
det nokon som talar til dykk, so seg: «Herren treng um
deim; » då sender han deim hit med ein gong.» **4** Dette
hende av di det laut sannast det som er tala gjenom
profeten, når han segjer: **5** «Seg til Sions dotter: Sjå,
her kjem din konge til deg. Mjuk i åndi rid han på eit
asen, folen åt eit klyvdyr.» **6** Læresveinarne gjekk og
gjorde som Jesus hadde sagt. **7** Dei henta asna og
folen, og lagde kjolarne sine på deim, og so sette
han seg uppå. **8** Og størsteparten av folket breidde
klædi sine på vegen; andre braut kvister av trei og
strådde på vegen. **9** Og folkehoparne som gjekk fyre
og fylgde etter, ropa: «Hosianna Davids son! Velsigna
vere han som kjem i Herrens namn! Hosianna i det
høgste!» **10** Då han so drog inn i Jerusalem, vart det
eit heilt oppstyr i byen; dei spurde: «Kven er dette?»
**11** Og folkehoparne svara: «Det er profeten, Jesus
frå Nasaret i Galilæa.» **12** So gjekk Jesus inn i Guds
tempel og dreiv ut alle som handla i heilagdomen; han
velte bordi åt pengevekslarane og krakkarne åt deim
som selde duvor, **13** og sagde til deim: «Det stend
skrive: «Mitt hus skal kallast eit bønehus, » men de
gjer det til eit røvarbol.» **14** I templet kom det blinde
og halte til honom, og han gjorde deim gode att. **15**
Men då dei øvste prestarne og dei skriftlærde såg
underi han gjorde, og høyrde borni som ropa i templet:
«Hosianna Davids son!» so vart dei arge og sagde
til honom: **16** «Høyrer du kva desse segjer?» «Ja!»
svara han. «Hev de aldri lese: «Av småsveins mål og
sogbarns låt hev du ein lovsong laga deg?»» **17** So
gjekk han frå deim og ut or byen, til Betania, og var
der med natti. **18** Då han gjekk inn til byen att um
morgonen, vart han svolten. **19** Då fekk han sjå eit
einsleg fiketre attmed vegen. Han gjekk der burt, men
fann'kje anna på treet enn lauv. Då sagde han til det:
«Aldri i verdi skal det koma frukt på deg meir.» Og
straks turka fiketreet. **(aiōn g165)** **20** Då læresveinarne
såg det, undra dei seg og sagde: «Korleis kunde det
hava seg at fiketreet turka so brått?» **21** Jesus svara:
«Det segjer eg dykk for sant: Dersom de trur og ikkje
tvilar, so skal de gjera større ting enn det med fiketreet,
ja, um de so segjer til dette fjellet: «Lyft deg upp og
kasta deg ut i havet!» so skal det verta so. **22** Og alt
de bed um, skal de få, so sant de trur.» **23** So gjekk
han inn i templet, og med han lærde folket, kom dei
øvste prestarne og styresmennerne for lyden burt til
honom og sagde: «Kva rett hev du til å gjera dette, og
kven gav deg den retten?» **24** «No vil eg og spyrja
dykk um ein ting, » sagde Jesus; «svarar de meg
på det, so skal eg segja dykk kva rett eg hev til å
gjera dette: **25** Kvar var dåpen åt Johannes ifrå - frå
himmelen eller frå menneskje?» Då sagde dei seg
imillom: «Svarar me: «Frå himmelen, » so segjer han:
«Kvi trudde de honom då ikkje?» **26** Og svarar me:
«Frå menneskje, » då må me ræddast folket; for alle
held Johannes for ein profet.» **27** So svara dei: «Det
veit me ikkje.» «Då vil ikkje eg heller segja dykk kva
rett eg hev til å gjera dette, » svara Jesus. **28** «Men
kva meiner de um det: Det var ein mann som hadde
tvo søner. Han kom til den eine og sagde: «Gakk
burt i vingarden, og arbeid der i dag, son min!» **29**
«Nei, eg vil ikkje, » svara han, men sidan angra han
på det og gjekk. **30** So kom faren til den andre, og
sagde det same med honom. «Ja, herre, det skal eg, »
svara han, men han gjekk ikkje. **31** Kven av dei tvo
gjorde no det faren vilde?» «Den fyrste, » svara dei.
Då sagde Jesus til deim: «Det segjer eg dykk for sant:
Tollmenner og skjøkjor kjem fyrr inn i Gudsrike enn de.
**32** For Johannes kom til dykk på rettferdsvegen, men
de trudde honom ikkje. Tollmennerne og skjøkjorne dei
trudde honom; men endå de såg det, kom de ikkje på
andre tankar, og trudde honom ikkje då heller. **33** Høyr
no ei onnor likning: Det var ein gong ein husbonde,
som laga ein vingard, og sette gjerde kringum, og
stelte til ei vinpersa, og bygde eit tårn; so leigde han
hagen burt til brukarar og for ut or landet. **34** Då det
no leid til at dei skulde hausta av hagen, sende han
sveinarne sine til brukarane etter avlingi han skulde
hava. **35** Men brukarane greip sveinarne hans: ein
skamslo dei, og ein drap dei, og ein steina dei. **36** So
sende han andre sveinar, fleire enn fyrste gongen;
men dei gjorde like eins med deim. **37** Sist so sende
han son sin til deim og sagde: «Dei hev no vel age for
son min!» **38** Men då brukarane såg sonen, sagde dei
seg imillom: «Sjå der er ervingen! Kom, lat oss slå
honom i hel og eigna til oss arven hans!» **39** So tok dei
honom og støytte honom ut or vingarden og slo honom
i hel. **40** Når no vingardseigaren kjem, kva skal han då
gjera med desse brukarane?» **41** «Med vondt skal han
løna desse vonde mennerne, » svara dei; «han skal
gjera ende på deim, og vingarden skal han leiga burt
til andre brukarar, som gjev han avlingi i rette tid.» **42**
Då sagde Jesus til dei: «Hev de aldri lese i skrifterne:
«Den steinen som byggjarane vanda, den var det som
vart hyrnestein; D'er Herren sjølv som so hev gjort det;
for oss er det eit under stort?» **43** Difor segjer eg dykk
at Gudsriket skal takast ifrå dykk og gjevast til eit folk
som ber dei frukterne som høyrer til der. **44** Og den
som fell på steinen, han skal slå seg sund, men den
som steinen fell på, skal han smuldra til dust.» **45** Då
dei øvste prestarne og farisæarane høyrde likningarne

hans, skyna dei at det var deim han tala um. 46 Og dei
tenkte på å gripa honom, men torde ikkje for folket; for
dei heldt honom for ein profet.

22 So tok Jesus til ords att og sagde dei ei onnor
likning: 2 «Himmelriket kann liknast med ein
konge som gjorde bryllaup åt son sin. 3 Han sende
ut sveinarne sine, og kalla deim som var bedne til
bryllaups; men dei vilde ikkje koma. 4 So sende han
andre sveinar og sagde: «Seg til deim som er bedne:
«No hev eg stelt til bryllaupsmaten; uksane mine
og gjødfeet er slagta, og alt er ferdigt. Kom no til
bryllaups!»» 5 Men dei brydde seg ikkje um det; ein
gjekk ut på åkeren sin og ein annan til krambudi si; 6
og dei hine greip sveinarne hans, og skamførde deim
og drap deim. 7 Då vart kongen harm. Han sende ut
herarne sine og gjorde ende på dråpsmennerne og
brende upp byen deira. 8 So sagde han til sveinarne
sine: «Alt er ferdigt til bryllaupet, men dei bedne var
ikkje verde det. 9 Gakk no ut på vegar og vegskil
og bed til bryllaups alle deim de finn!» 10 So gjekk
sveinarne ut på vegarne og bad i hop alle dei fann,
både vonde og gode, og bryllaups-stova vart full av
gjester. 11 Då so kongen kom inn og vilde sjå gjesterne,
vart han var ein som ikkje var bryllaupsklædd. 12 Han
segjer til honom: «Kjære, korleis hev du kome inn her
og er ikkje bryllaupsklædd?» Men han kunde ingen
ting svara. 13 Då sagde kongen til bordsveinarne: «Bitt
hender og føter på honom, og kasta honom ut i myrkret
utanfor, der dei græt og skjer tenner!» 14 For mange er
kalla, men få er utvalde.» 15 Då gjekk farisæarane burt
og lagde råd um korleis dei skulde få fanga honom i
ord. 16 Dei sende læresveinarne sine til honom i lag
med Herodes-mennerne og let deim segja: «Meister,
me veit du er ærleg, og det er sanning det du lærer
oss um Guds veg, og du bryr deg ikkje um nokon; for
du gjer ikkje skil på folk. 17 Seg oss no: Kva meiner
du? Er det rett å svara skatt til keisaren, eller er det
ikkje?» 18 Men Jesus skyna den vonde meiningi deira
og sagde: «Kvi freistar de meg, hyklarar? 19 Lat meg
sjå skattemynti!» So flidde dei honom ein sylvpening.
20 «Kva er dette for eit bilæte og namn?» spurde han.
21 «Det er keisarens, » svara dei. Då sagde han til
deim: «So gjev keisaren det som keisarens er, og Gud
det som Guds er!» 22 Då dei høyrde det, undra dei
seg og gjekk burt ifrå honom. 23 Same dagen kom
det nokre sadducæarar til honom - det er dei som
segjer at det ikkje er nokor uppstoda - dei sette fram
eit spursmål for honom og sagde: 24 «Meister, Moses
hev sagt: «Når ein mann døyr barnlaus, so skal bror
hans gifta seg med enkja og halda uppe ætti åt bror
sin.» 25 No var det sju brør hjå oss. Den eine gifte seg,
og døydde; han hadde ikkje born, og let etter seg kona
si til broren. 26 Like eins den andre og den tridje, radt
til den sjuande. 27 Etter deim alle døydde kona. 28
Kven av dei sju skal no ho høyra til i eit anna liv? For
dei hev havt henne alle.» 29 Jesus svara: «De fer vilt,
av di de ikkje kjenner skrifterne og ikkje Guds magt. 30
For i eit anna liv er det ingen som gifter seg eller vert
burtgift; dei er som Guds englar i himmelen. 31 Men at
dei avlidne skal standa upp att, hev de'kje lese kva
Gud hev tala til dykk um det, når han segjer: 32 «Eg er
Abrahams Gud og Isaks Gud og Jakobs Gud?» Og
han er ikkje Gud for dei daude, men for dei livande.»
33 Då folket høyrde det, vart dei reint upp i under yver
læra hans. 34 So snøgt som farisæarane fekk høyra at
han hadde målbunde sadducæarane, samla dei seg
kringum honom, 35 og ein av deim, som var kunnig i
lovi, vilde freista honom og spurde: 36 «Meister, kva
bod er det største i lovi?» 37 Han svara: «»Du skal
elska Herren, din Gud, av alt ditt hjarta og av all din
hug og av alt ditt vit!» 38 Det er det største og fyrste
bodet. 39 Men det er eit anna som likjest det, og det
er: «Du skal elska næsten din som deg sjølv!» 40
På desse tvo bodi kviler heile lovi og profetarne.» 41
Med farisæarane var samla, spurde Jesus deim åt: 42
«Kva trur de um Messias? Kven er han son åt?» «Åt
David, » svara dei. 43 Då sagde han: «Korleis kann då
David i Anden kalla honom herre, når han segjer: 44
«Herren sagde til herren min: «Sit ved høgre handi mi,
til eg dine fiendar fær for dine føter lagt!»» 45 Kallar
no David honom herre, korleis kann han då vera son
hans?» 46 Men ingen kunde svara honom eit ord. Og
ingen torde etter den dag koma med fleire spursmål til
honom.

23 Sidan tala Jesus til folket og til læresveinarne sine
og sagde: 2 «På Moses' stol sit dei skriftlærde
og farisæarane. 3 Alt det dei segjer til dykk, lyt de gjera
og halda, men etter gjerningarne deira skal de ikkje
fara! For dei segjer det, men dei gjer det ikkje. 4 Dei
bind i hop tunge byrder og legg på herdarne åt folk,
men sjølve vil dei ikkje leda deim med ein finger. 5 Alt
det dei gjer, gjer dei so folk skal sjå kor gjæve dei er.
Dei gjer sine bøneband breide og duskarne på kjolen
sin store. 6 Dei trår etter dei høgste sæti i gjestebodi
og dei fremste sessarne i synagogorne, 7 og vil at folk
skal helsa deim på torget og kalla dei rabbi. 8 Men
de skal ikkje lata nokon kalla dykk rabbi; for det er
ein som er meisteren dykkar, og de er alle brør. 9 Og
far skal de ikkje kalla nokon på jordi; for de hev ein
far, han i himmelen. 10 Ikkje skal de heller lata nokon
kalla dykk lærar; for de hev ein lærar, Kristus. 11 Den
største av dykk skal vera den som tener dei andre.
12 For den som gjer seg sjølv stor, han skal gjerast
liten, og den som gjer seg sjølv liten, han skal gjerast

stor. 13 Men ve yver dykk skriftlærde og farisæarar,
hyklarar som de er! de stengjer himmelriket for folk;
sjølve gjeng de ikkje inn, og deim som gjerne vilde,
let de ikkje få koma inn. 14 Ve yver dykk skriftlærde
og farisæarar, hyklarar som de er! de et upp husi for
enkjor og gjer lange bøner for ei syn skuld; for dette
skal de få strengare dom. 15 Ve yver dykk skriftlærde
og farisæarar, hyklarar som de er! de fer land og strand
og leitar etter ein fylgjesvein, og finn de ein, so gjer
de honom til eit helvitesbarn, tvo gonger verre enn
de er sjølve. (Geenna g1067) 16 Ve yver dykk, blinde
vegleidarar! de som segjer: «Um ein sver ved templet,
so er det'kje noko, men sver han ved gullet i templet,
då er han bunden.» 17 Dårar og blinde! Kva er størst,
gullet, eller templet som gav gullet si vigsla? 18 og:
«Um ein sver ved altaret, so er det'kje noko, men sver
han ved offeret som er på det, då er han bunden.» 19
Blindingar! Kva er då størst, offeret, eller altaret som
vigslar offeret? 20 For den som då sver ved altaret,
sver både ved det og alt som er på det; 21 og den som
sver ved templet, sver både ved det og ved honom
som bur i det; 22 og den som sver ved himmelen, sver
ved Guds høgsæte og ved honom som sit der. 23 Ve
yver dykk skriftlærde og farisæarar, hyklarar som de
er! de gjev tiend av mynta og anis og karve, men ansar
ikkje det som veg meir i lovi, rettferd og miskunn og
truskap. Det skulde ein gjera, og ikkje lata vera hitt
heller. 24 Blinde vegleidarar, som silar av myhanken,
men svelgjer kamelen! 25 Ve yver dykk skriftlærde og
farisæarar, hyklarar som de er! de reinskar skåler og
fat utanpå, men inni er dei fulle av ran og måteløysa.
26 Blinde farisæarar! Gjer fyrst skåli og fatet reine inni,
so vert ho rein utanpå og. 27 Ve yver dykk skriftlærde
og farisæarar, hyklarar som de er! de likjest kalka
graver; utanpå er dei væne å sjå til, men inni er dei
fulle av daudingbein og allslags ureinskap. 28 Soleis
er de og utanpå rettferdige å sjå til for folk, men inni
dykk er de fulle av hyklarskap og urett. 29 Ve yver
dykk skriftlærde og farisæarar, hyklarar som de er!
de byggjer minnesmerke yver profetarne og pryder
graverne åt dei rettferdige og segjer: 30 «Hadde me
vore til då federne våre livde, so hadde me ikkje vore
med deim og drepe profetarne.» 31 So vitnar de då um
dykk sjølve at de er born åt deim som slo profetarne
i hel. 32 Haldt no fram på same vis som federne
dykkar, til målet er fullt! 33 De eiterormar, de slange-
ungar, korleis kann de sleppa undan helvitesdomen?
(Geenna g1067) 34 Sjå, difor sender eg til dykk profetar
og vismenner og skriftlærde; sume av dei kjem de
til å drepa og krossfesta, og sume til å hudfletta i
synagogorne dykkar og jaga frå by til by, 35 so det
skal koma yver dykk alt det skuldlause blodet som hev
runne på jordi, frå den skuldlause Abel og til Zakarja,
son åt Barakias, han som de drap millom templet og
altaret. 36 Det segjer eg dykk for visst: Yver denne ætti
skal det koma alt saman. 37 Jerusalem, Jerusalem,
du som slær i hel profetarne, og steinar deim som er
sende til deg, kor tidt hev eg'kje vilja samla borni dine
kring meg, liksom ein fugl samlar ungarne sine under
vengjerne! Men de vilde ikkje. 38 Sjå no skal de få
hava huset dykkar audt. 39 For eg segjer dykk: De fær
aldri sjå meg meir fyrr de ropar: «Velsigna vere han
som kjem i Herrens namn!»»

**24** Då Jesus steig ut or templet og tok til å ganga
burtetter vegen, gjekk læresveinarne fram og
vilde syna honom tempelbygningarne. 2 «Ja, ser de'kje
alt dette!» svara han. «Det segjer eg dykk for sant: Her
ligg ikkje stein på stein som ikkje skal rivast ned.» 3
Sidan, då han sat på Oljeberget, og ingen annan var
med, gjekk læresveinarne fram til honom og sagde:
«Seg oss: Når skal alt dette henda, og kva merke skal
me hava på koma di og enden på verdi!» (aiōn g165)
4 Då svara Jesus: «Sjå dykk fyre, so ingen forvillar
dykk! 5 For mange skal taka mitt namn og segja: «Eg
er Messias», og føra mange på avveg. 6 De skal få
høyra ufred og gjetord um ufred; sjå til at de ikkje
vert skræmde! For dette lyt henda; men endå er ikkje
enden komen. 7 Folk skal reisa seg imot folk, og rike
mot rike, og det skal vera uår og jordskjelv kring i landi;
8 men alt det er berre upptaket til føderiderne. 9 Då
skal dei driva dykk ut i naud og fåre og slå dykk i hel,
og alle folk skal hata dykk for mitt namn skuld. 10
Mange skal då falla ifrå, og svika og hata kvarandre,
11 og mange falske profetar skal stiga fram og føra
mange på avveg; 12 og av di uretten hev vorte so stor,
skal kjærleiken kolna hjå mengdi. 13 Men den som
held ut til endes, han skal verta frelst. 14 Og dette
evangeliet um Gudsriket skal kunngjerast yver heile
mannaheimen, so alle folkeslag fær vita um det, og då
skal enden koma. 15 Når de då ser at den øydande
styggedomen som Daniel, profeten, hev tala um, stend
på den heilage staden» - agta vel på dette du som les!
- 16 då lyt dei som er i Judalandet røma til fjells, 17 og
den som er uppå taket, må ikkje stiga ned og henta
noko i huset sitt, 18 og den som er utpå marki, må
ikkje ganga heim att etter kjolen sin! 19 Stakars deim
som gjeng med barn eller gjev brjost i dei dagarne! 20
Men bed at det ikkje må vera um vinteren eller på ein
kviledag de lyt røma! 21 For då skal det vera slik hard
naud at det aldri hev vore slik naud frå verdi vart til og
til no, og vert ikkje sidan heller. 22 Og vart ikkje den tidi
stutt, so fanst det'kje liv som vart berga; men for dei
utvalde skuld skal den tidi vera stutt. 23 Um nokon då

segjer til dykk: «Sjå her er Messias, » eller «der, » so
må de ikkje tru det. 24 For det skal standa fram falske
Messias'ar og falske profetar og gjera store teikn og
under, so jamvel dei utvalde kunde forvillast, um det
var råd. 25 Kom i hug: Eg hev sagt dykk det fyreåt. 26
Segjer dei no med dykk: «Han er ute i øydemarki, » so
gakk ikkje der ut! eller: «Han er inni koven, » so tru det
ikkje! 27 For liksom ljonet gjeng ut ifrå aust og skin radt
til vest, so skal det vera når Menneskjesonen kjem. 28
Der åta er, vil ørnarne sankast. 29 Men straks etter
dei dagarne og trengslorne deira skal soli myrkjast,
og månen missa sitt ljos; stjernorne skal falla ned frå
himmelen, og himmelkrafterne skakast. 30 Då skal
teiknet åt Menneskjesonen syna seg på himmelen, og
alle ætter på jordi skal øya og gråta, og dei skal sjå
Menneskjesonen koma i himmelskyerne med velde og
stor herlegdom. 31 Med luren ljomar, skal han senda
ut englarne sine, og dei skal sanka i hop dei han hev
valt seg ut, frå heimsens fire hyrno, frå himmelbrun til
himmelbrun. 32 Lær ei likning av fiketreet: Når sevja
hev kome i greinerne, og lauvet tek til å spretta, då veit
de at sumaren er nær. 33 Like eins når de ser alt dette;
då veit de at han er utfor døri. 34 Det segjer eg dykk
for visst: Denne ætti skal ikkje forgangast fyrr alt dette
hev hendt. 35 Himmel og jord skal forgangast, men
mine ord skal aldri forgangast. 36 Men den dagen og
timen veit ingen, ikkje englarne i himmelen - ingen utan
Faderen åleine. 37 For som det var i Noahs dagar, so
skal det vera når Menneskjesonen kjem: 38 liksom dei
i dagarne fyre storflodi åt og drakk, og gifte seg og vart
burtgifte, alt til den dagen då Noah gjekk inn i arki,
39 og ingen visste ordet av fyrr storflodi kom og tok
deim alle burt, so skal det vera når Menneskjesonen
kjem. 40 Då er tvo menner ute på marki; den eine vert
henta, og den andre vert att. 41 Tvo kvinnor mel på
kverni; den eine vert henta, og den andre vert att. 42
So vak då! For de veit ikkje kva dag herren dykkar
kjem. 43 Men det skynar de, at dersom husbonden
visste kva tid på natti tjuven kom, so vakte han og let
ingen brjota seg inn i huset. 44 Difor lyt de og vera
ferdige! Menneskjesonen kjem på ei tid de ikkje ventar
honom. 45 Kvar er no den trugne og vituge drengen
som husbonden hev sett yver tenestfolket, so han skal
gjeva deim mat i rett tid? 46 Sæl er den drengen som
husbonden ser gjera so når han kjem. 47 Det segjer
eg dykk for visst: Han skal setja honom yver alt det
han eig. 48 Men er drengen ein skarv, og segjer med
seg: «Husbonden min vert lenge burte, » 49 og han so
tek til å slå dei hine tenarane, og et og drikk i lag med
drikkarar, 50 då skal husbonden hans koma på ein dag
han ikkje ventar det, og i ein time han ikkje veit av, 51
og skjera honom midt i tvo, og lata honom få sin lut
med hyklarane, der dei græt og skjer tenner.

**25** Då kann himmelriket liknast med ti brurmøyar
som tok lamporne sine og gjekk til møtes med
brudgomen. 2 Fem av dei var dårlege og fem vituge. 3
Då dei dårlege tok lamporne sine, tok dei ikkje olje med
seg, 4 men dei vituge tok olje med seg i krukkor attåt
lamporne sine. 5 Då det no drygde fyrr brudgomen
kom, vart dei alle trøytte og sovna. 6 Men midt på
natti høyrdest eit rop: No kjem brudgomen! Gakk ut
og tak imot honom! 7 Då vakna alle brurmøyarne og
stelte lamporne sine. 8 Og dei dårlege sagde til dei
vituge: «Lat oss få noko olje hjå dykk! Lamporne våre
sloknar.» 9 «Nei, » svara dei vituge, «det rekk ikkje til
både åt oss og dykk. De lyt heller ganga til kræmaren
og kjøpa dykk noko.» 10 Med dei då var burte og vilde
kjøpa, kom brudgomen. Dei som var ferdige, gjekk
med honom inn til bryllaupet, og døri vart stengd. 11 Då
det leid um eit bil, kom dei hine møyarne og, og sagde:
«Herre, herre, lat upp for oss!» 12 Men han svara:
«Det segjer eg dykk for sant: Eg kjenner dykk ikkje.»
13 So vak då! For de veit korkje dag eller time. 14 Det
er liksom med ein mann som vilde fara utanlands. Han
kalla tenarane sine inn, og flidde deim midelen sin: 15
ein gav han fem tusund dalar, ein annan tvo tusund,
og den tridje eitt tusund, etter som kvar dugde til, og
so for han or landet. 16 Den som fekk fem tusund
dalar, tok straks til å handla med deim, og vann seg
fem tusund til. 17 Sameleis den som fekk tvo tusund;
han og vann tvo tusund til. 18 Men den som fekk eitt
tusund, gjekk burt og grov eit hol i jordi og gøymde
pengarne åt husbonden sin. 19 So leid det ei lang
tid, då kom husbonden heim att og kravde rekneskap
av tenarane sine. 20 Og han som hadde fenge fem
tusund dalar, gjekk fram og hadde med seg fem tusund
til og sagde: «Herre, du gav meg fem tusund dalar;
sjå her, eg hev vunne fem tusund til!» 21 Då sagde
husbonden til honom: «Det var rett gjort, du gode og
trugne tenar! Du hev vore tru i det som var lite; eg
vil setja deg yver mykje. Gakk inn og gled deg med
husbonden din!» 22 So gjekk han fram han som hadde
fenge tvo tusund dalar, og sagde: «Herre, du gav meg
tvo tusund dalar. Sjå her, eg hev vunne tvo tusund
til!» 23 «Det var rett gjort, du gode og trugne tenar!»
svara husbonden. «Du hev vore tru i det som var lite;
eg vil setja deg yver mykje. Gakk inn og gled deg
med husbonden din!» 24 Sidan kom han som hadde
fenge eitt tusund dalar, og sagde: «Herre, eg kjende
deg for ein streng mann, som haustar der du ikkje
sådde, og sankar der du ikkje strådde. 25 Difor vart eg
rædd, og so gjekk eg burt og gøymde pengarne dine i
jordi. Sjå her hev du ditt!» 26 Då svara husbonden:

«Du låke og late tenar! Du visste at eg haustar der eg
ikkje sådde, og sankar der eg ikkje strådde! 27 Skulde
du'kje då ha sett pengarne mine i banken! so hadde
eg fenge mine att med rentor når eg kom heim. 28
Tak ifrå honom dei tusund dalarne, og gjev deim til
den som hev ti tusund! 29 For kvar den som hev, han
skal få, so han hev nøgdi; men den som ikkje hev,
skal missa endå det som han hev. 30 Og kasta den
duglause tenaren ut i myrkret utanfor, der dei græt
og skjer tenner!» 31 Men når Menneskjesonen kjem i
sin herlegdom, og alle englarne med honom, då skal
han sitja i den glimande kongsstolen; 32 alle folkeslag
skal samlast framfyre honom, og han skal skilja deim
åt, liksom hyrdingen skil sauerne frå geiterne, 33 og
setja sauerne på si høgre sida, og geiterne på den
vinstre. 34 So skal kongen segja til deim på høgre
sida: «Kom hit, de velsigna borni åt far min, og tak
det riket i eige som var etla åt dykk alt ifrå verdi var
skapt! 35 For eg var svolten, og de gav meg mat; eg
var tyrst, og de gav meg drikka; eg var heimlaus, og
de hyste meg; 36 eg var naken, og de klædde meg;
eg var sjuk, og de såg um meg; eg var i fengsel, og
de lydde til meg.» 37 Då tek dei rettferdige til ords og
segjer til honom: «Herre, når hev me set deg svolten,
og metta deg, eller tyrst, og kveikt deg? 38 Når hev me
set deg heimlaus, og hyst deg, eller naken, og klædt
deg? 39 Når hev me set deg sjuk eller i fengsel, og lydt
til deg?» 40 Og kongen svarar: «Det segjer eg dykk
for sant: Alt det de hev gjort mot ein av desse minste
brørne mine, det hev de gjort imot meg.» 41 So segjer
han til deim på vinstre sida: «Gakk burt frå meg, de
bannstøytte, til den ævelege elden, som er tilbudd åt
djevelen og englarne hans! (aiōnios g166) 42 For eg var
svolten, og de gav meg ikkje mat; eg var tyrst, og de
gav meg ikkje drikka; 43 eg var heimlaus, og de hyste
meg ikkje; eg var naken, og de klædde meg ikkje; eg
var sjuk, og i fengsel, og de såg ikkje um meg.» 44 Då
tek dei og til ords og segjer: «Herre, når hev me set
deg svolten, eller tyrst, eller heimlaus, eller naken, eller
sjuk, eller i fengsel, og hev ikkje tent deg?» 45 Og han
svarar: «Det segjer eg dykk for sant: Alt det de ikkje
hev gjort mot ein av desse minste, det hev de'kje gjort
mot meg heller.» 46 So skal dei ganga burt til æveleg
straff, men dei rettferdige til eit ævelegt liv. (aiōnios g166)

**26** Då Jesus hadde tala alle desse ordi, sagde han
til læresveinarne: 2 «De veit at um tvo dagar er
det påske; då skal Menneskjesonen gjevast i henderne
på uvenerne sine, og dei skal krossfesta honom.» 3
Då var det dei øvste prestarne og styresmennerne for
folket kom saman i garden åt øvstepresten - han heitte
Kajafas - 4 og lagde yver at dei vilde gripa Jesus med
list og slå honom i hel. 5 «Men ikkje med helgi!» sagde
dei; «elles kunde det verta upplaup millom folket.» 6
Medan Jesus var i Betania, hjå Spilte-Simon, 7 kom
det ei kvinna burt til honom med ei alabaster-krukka
full av kosteleg salve; den helte ho ut på hovudet
hans då han sat til bords. 8 Då læresveinarne såg
det, vart dei harme og sagde: «Kva skal slik øyding
vera til? 9 Dette kunde vore selt for mange pengar og
gjeve til dei fatige.» 10 Jesus gådde det og sagde til
deim: «Kvi er de leide med henne? Ho hev då gjort
ei god gjerning mot meg. 11 Dei fatige hev de alltid
hjå dykk, men meg hev de ikkje alltid. 12 Då ho slo
denne salven ut yver likamen min, då vilde ho bu
meg til jordferdi mi. 13 Det segjer eg dykk for visst:
Kvar i verdi dette evangeliet vert kunngjort, der skal
dei og tala um det ho hev gjort, so alle skal minnast
henne.» 14 Då gjekk ein av dei tolv, han som heitte
Judas Iskariot, til dei øvste prestarne 15 og sagde:
«Kva vil de gjeva meg, so skal eg laga det so at de
fær honom i dykkar magt?» Då talde dei upp tretti
sylvdalar til honom. 16 Og frå den stundi søkte han eit
høve til å gjeva Jesus i henderne deira. 17 Den fyrste
dagen i søtebrødhelgi kom læresveinarne til Jesus
og sagde: «Kvar vil du me skal laga til påskemålet åt
deg?» 18 Han svara: «Gakk inn i byen til den mannen
de veit, og seg med honom: «Meisteren segjer: Det
lid innpå tidi for meg; eg vil halda påske hjå deg med
læresveinarne mine.»» 19 Og læresveinarne gjorde
som Jesus sagde, og laga til påskemålet. 20 Då det
vart kveld, sette han seg til bords med dei tolv. 21 Og
med dei sat og åt, sagde han: «Det segjer eg dykk for
sant: Ein av dykk kjem til å svika meg.» 22 Då vart
dei reint ille ved, og tok til å spyrja honom, kvar for
seg: «Det er då vel ikkje eg, Herre?» 23 «Den som
duppa med meg i fatet, han er det som vil svika meg,
» svara Jesus. 24 «Menneskjesonen gjeng fulla burt,
soleis som det er skrive um honom, men ve yver den
mannen som svik Menneskjesonen! Det var betre for
den mannen um han aldri var fødd.» 25 Då tok Judas,
svikaren, til ords og sagde: «Det er då vel ikkje eg,
rabbi?» «No sagde du det sjølv, » svara han. 26 Med
dei sat til bords, tok Jesus brødet, og signa det og
braut det, og gav læresveinarne og sagde: «Tak, og et!
Dette er likamen min.» 27 Og han tok kalken, og takka,
og gav deim og sagde: «Drikk av det alle! 28 Dette er
blodet mitt, paktblodet, som renn for mange til forlating
for synderne. 29 Eg segjer dykk, at heretter skal eg'kje
drikka av denne druvesafti, fyrr den dagen eg drikk
henne ny med dykk i riket åt far min.» 30 Då dei so
hadde sunge lovsongen, gjekk dei ut til Oljeberget.
31 Då segjer Jesus til deim: «I denne natti kjem de
alle til å styggjast ved meg og forlata meg. For det
stend skrive: «Hyrdingen slær eg i hel, og saueflokken

skal spreidast.» 32 Men når eg hev stade upp att,
skal eg fara fyre dykk til Galilæa.» 33 Då tok Peter til
ords og sagde: «Um alle styggjest ved deg, so skal
eg aldri styggjast.» 34 «Det segjer eg deg for sant,
» svara Jesus: «Fyrr hanen gjel i natt, kjem du til å
avneitta meg tri gonger.» 35 Men Peter sagde: «Um eg
so lyt døy med deg, skal eg aldri avneitta deg.» Like
eins sagde alle læresveinarne. 36 So kom Jesus med
læresveinarne til ein stad som heiter Getsemane. Då
sagde han til deim: «Sit her med eg gjeng der burt og
bed!» 37 Og han tok med seg Peter og båe Sebedæus-
sønerne, og tok til å syrgja og kvidast. 38 So segjer
han til deim: «Hjarta mitt er so fullt av sorg - det er
som det vilde bresta. Ver her og vak med meg!» 39 Og
han gjekk eit lite stykke fram, og lagde seg ned på kne
og bad: «Far, er det råd, so lat denne skåli takast ifrå
meg! Men ikkje som eg vil, berre som du vil!» 40 Då
han kom attende til læresveinarne, såg han at dei sov.
Då sagde han til Peter: «So var de'kje god til å vaka
ein time med meg! 41 Vak og bed, so de ikkje skal
koma i freisting! Åndi er viljug, men kjøtet er veikt.» 42
So gjekk han burt att andre gongen og bad: «Far, kann
ikkje dette takast ifrå meg, og lyt eg tøma skåli, so lat
det vera som du vil!» 43 Då han kom attende, såg
han at dei hadde sovna til att; for augo deira var tunge
av svevn. 44 Då let han dei vera og gjekk burt att og
bad tridje gongen same bøni. 45 So kom han att og
sagde til læresveinarne: «De søv og kviler, de! Sjå no
er stundi komi, og Menneskjesonen skal gjevast yver i
syndarhender. 46 Statt upp, og lat oss ganga! Svikaren
er ikkje langt undan.» 47 Fyrr han hadde tala ut, kom
Judas, ein av dei tolv, og med honom ein stor flokk
med sverd og stavar; dei kom frå dei øvste prestarne
og styresmennerne. 48 Svikaren hadde avtala eit teikn
med deim og sagt: «Han som eg kysser, han er det;
honom skal de taka!» 49 Og med det same gjekk
han fram til Jesus og sagde: «Heil og sæl, rabbi!» og
kysste honom. 50 Jesus sagde til honom: «Kvi er du
her, venen min?» So gjekk dei innåt og lagde hand
på Jesus og greip honom. 51 Men ein av deim som
var med honom, tok og drog sverdet sitt, og hogg av
øyra på tenaren åt øvstepresten. 52 Då sagde Jesus
til honom: «Stikk sverdet ditt i slira! for alle som grip
til sverdet, skal falla for sverdet. 53 Eller trur du'kje
eg kunde beda far min, og han i denne stundi vilde
senda meg meir enn tolv herar med englar? 54 Men
korleis skulde då skrifterne sannast, dei som segjer at
dette lyt henda?» 55 I same stundi sagde Jesus til
flokken: «De kjem med sverd og stavar og grip meg,
som eg skulde vera ein røvar. Dag etter dag sat eg i
templet og lærde folket; då tok de meg ikkje. 56 Men
alt dette hev hendt av di det laut sannast det som
profetarne hev skrive.» Då tok alle læresveinarne ut,
og rømde ifrå honom. 57 Dei som hadde gripe Jesus,
førde honom til Kajafas, øvstepresten; der var dei
skriftlærde og styresmennerne samla. 58 Peter fylgde
eit langt stykke etter, og då han kom til garden åt
øvstepresten, gjekk han inn og sette seg hjå tenarane
- han vilde sjå korleis det gjekk. 59 Dei øvste prestarne
og heile det Store Rådet leita etter range vitnemål
mot Jesus, so dei kunde få dømt honom frå livet; 60
men endå mange falske vitne stod fram, fekk dei ikkje
noko på honom. Endeleg kom det tvo som sagde: 61
«Denne mannen hev sagt: «Eg kann riva ned Guds
tempel og byggja det upp att på tri dagar.»» 62 Og
øvstepresten reiste seg og sagde til honom: «Svarar
du inkje? Kva er det desse vitnar imot deg?» 63 Men
Jesus tagde. Då tok øvstepresten til ords og sagde:
«Ved den livande Gud - seg oss: Er du Messias, Guds
Son?» 64 Og Jesus svara: «Du hev sjølv sagt det.
Men det segjer eg dykk: Frå denne stundi skal de sjå
Menneskjesonen sitja ved høgre handi åt Allmagti og
koma i himmelskyerne.» 65 Då reiv øvstepresten sund
klædi sine og sagde: «Han hev spotta Gud! Kva skal
me med fleire vitne? No høyrde de gudsspottingi. 66
Kva meiner no de?» «Han er skuldig til å døy, » svara
dei. 67 So sputta dei honom i andlitet og slo honom,
sume med nevarne og sume med stavar, 68 og sagde:
«Seg oss, Messias: Kven var det som slo deg?» 69
Medan sat Peter utanfor, i gardsromet. Då kom det ei
tenestgjenta burt til honom og sagde: «Du var og med
Jesus, galilæaren.» 70 Men han neitta so alle høyrde
det, og sagde: «Eg veit ikkje kva du talar um.» 71 So
gjekk han ut i portromet. Der fekk ei onnor gjenta sjå
honom, og sagde til deim som var der: «Han var og
med Jesus, nasaræaren.» 72 Då neitta han atter, og
sagde med ein eid: «Eg kjenner ikkje den mannen.»
73 Eit lite bil etter kom dei som stod der innåt, og sagde
til Peter: «Ja menn er du og ein av deim! Det kann ein
høyra på målet ditt.» 74 Då sette han i og banna og
svor: «Eg kjenner ikkje den mannen!» Og med det
same gol hanen. 75 Då kom Peter i hug dei ordi Jesus
hadde sagt til honom: «Fyrr hanen gjel, skal du hava
avneitta meg tri gonger.» Og han gjekk ut og gret sårt.

**27** Det var morgon vorte då alle dei øvste prestarne
og styresmennerne sagde daudedomen yver
Jesus. 2 So batt dei honom og førde honom burt
og gav honom yver til Pilatus, landshovdingen. 3 Då
Judas, svikaren, såg at dei hadde dømt Jesus frå
livet, angra han på det han hadde gjort. Han bar dei
tretti sylvdalarne attende til dei øvste prestarne og
styresmennerne og sagde: 4 «Eg hev synda! Det var
skuldlaust blod eg gav yver til dykk.» «Kva skil det
oss? Det vert di eigi sak, » svara dei. 5 Då kasta han

pengarne frå seg i templet og tok ut; og sidan gjekk
han burt og hengde seg upp. 6 Dei øvste prestarne
tok pengarne og sagde: «Det er'kje rett å leggja deim i
tempelkista; for det er blodpengar.» 7 So tok dei den
rådi at dei for desse pengarne kjøpte Pottemakaråkeren
til gravstad for framande. 8 Difor hev den åkeren vore
kalla Blodåkeren alt til denne dag. 9 Då vart det sanna
det som Jeremia, profeten, hev tala, når han segjer:
«So tok dei desse tretti sylvdalarn' - det var det verd
dei hadde sett han i, han som dei verdsette for Israel
- 10 for Pottemakargården dei det gav, soleis som
Herren hadde sagt meg til.» 11 So vart då Jesus førd
fram for landshovdingen. Og landshovdingen spurde
honom: «Er det du som er konge yver jødarne?» «Du
segjer det sjølv, » sagde Jesus. 12 Men då dei øvste
prestarne og styresmennerne kom med klagemåli sine,
svara han ingen ting. 13 Då sagde Pilatus til honom:
«Høyrer du ikkje alt det dei skuldar deg for?» 14
Men han svara honom ikkje på eit einaste ord, so
landshovdingen undra seg storleg. 15 Kvar høgtid
hadde landshovdingen for vis å gjeva folket ein fange
fri, kven dei vilde. 16 Den gongen hadde dei ein
ordgjeten fange som heitte Barabbas. 17 Då dei no
hadde samla seg, sagde Pilatus til deim: «Kven vil de
eg skal gjeva dykk fri, Barabbas eller Jesus, han som
dei kallar Messias?» 18 For han visste at det var av
ovund dei hadde gjeve Jesus yver til honom. 19 Og
med han sat i domarsætet, sende kona hans bod til
honom og sagde: «Du skal ikkje hava noko med saki
mot denne rettferdige mannen! Eg hev drøymt so vondt
i natt for hans skuld.» 20 Men dei øvste prestarne og
styresmennerne talde folket til å beda Barabbas fri og
lata Jesus drepast. 21 Og då landshovdingen tok til
ords att og spurde: «Kven av desse tvo vil de eg skal
gjeva dykk fri?» svara dei: «Barabbas!» 22 «Kva skal
eg då gjera med Jesus, han som dei kallar Messias?»
sagde han. Då svara deim alle: «Lat honom verta
krossfest!» 23 «Kva vondt hev han då gjort?» sagde
Pilatus. Men dei ropa berre sterkare og sterkare: «Lat
honom verta krossfest!» 24 Då Pilatus såg at han
ingen ting kunde gjera, men ståket heller vart verre,
tok han vatn og tvo henderne sine midt for augo på
folkehopen og sagde: «Eg hev ingi skuld i blodet åt
denne rettferdige mannen. Dette lyt de svara for!» 25
Då svara heile folket: «Blodet hans må koma yver oss
og yver borni våre!» 26 So gav han deim Barabbas
fri, men Jesus let han piska, og gav honom yver til
hermennerne sine, so dei skulde krossfesta honom. 27
Hermennerne åt landshovdingen tok Jesus med seg
inn i borgi og samla heile vakti kringum honom. 28
So klædde dei av honom, og hengde på honom ei
skarlakskåpa, 29 og dei fletta ein krans av klunger og
sette på hovudet hans, og gav honom ein røyrstav i
høgre handi. Med so gjort, fall dei på kne for honom
spotta honom og sagde: «Heil deg, jødekonge!» 30 So
sputta dei på honom, og tok røyrstaven og slo honom i
hovudet med, 31 og då dei hadde spotta honom det dei
vilde, tok dei av honom kåpa og hadde på honom hans
eigne klæde, og so førde dei honom burt og skulde
krossfesta honom. 32 På vegen møtte dei ein mann frå
Kyrene som heitte Simon. Honom nøydde dei til å bera
krossen hans. 33 Då dei so kom til ein stad som heiter
Golgata - det er det same som Skallestaden - 34 gav
dei honom vin blanda med gall; men då han hadde
smaka på det, vilde han ikkje drikka. 35 So feste dei
honom til krossen. Klædi hans bytte dei millom seg, og
drog strå um deim, 36 og so vart dei sitjande der og
heldt vakt yver honom. 37 Og uppyver hovudet hans
hadde dei skrive klagemålet mot honom; det lydde so:
Dette er Jesus, kongen yver jødarne. 38 Saman med
honom vart tvo røvarar krossfeste, ein på høgre og
ein på vinstre sida. 39 Dei som gjekk framum, hædde
honom og riste på hovudet og sagde: 40 «Du som
riv ned templet og byggjer det upp att på tri dagar,
hjelp deg no sjølv! Er du Guds Son, so stig ned av
krossen!» 41 Sameleis spotta dei honom, både dei
øvste prestarne og dei skriftlærde og styresmennerne,
og sagde: 42 «Andre hev han hjelpt, seg sjølv kann
han ikkje hjelpa! Han er konge i Israel! Lat honom no
stiga ned av krossen, so skal me tru på honom. 43
Han leit på Gud; lat no Gud berga honom, dersom han
bryr seg um honom! Han hev då sagt: «Eg er Guds
Son!»» 44 Jamvel røvarane som var krossfeste saman
med honom, spotta på same visi. 45 Frå den sette
timen vart det myrkt yver heile landet, alt til den niande
timen. 46 Og kring den niande timen ropa Jesus med
høg røyst og sagde: «Eli, Eli, lama sabaktani!» Det er
det same som: «Min Gud, min Gud, kvi hev du forlate
meg?» 47 Då sagde nokre av deim som stod der og
høyrde det: «Han ropar på Elia.» 48 Og med det same
sprang ein av deim fram og tok ein svamp og fyllte
med vineddik og sette på ein tein, og let honom få
drikka. 49 Men dei hine sagde: «Venta! Lat oss sjå um
Elia kjem og hjelper honom!» 50 Og Jesus ropa endå
ein gong med høg røyst, og gav ut åndi. 51 Då rivna
forhenget i templet midt i tvo, ovantil og heilt ned, og
jordi skalv og bergi brast, 52 og graverne opna seg, og
mange avlidne heilagmenne stod livs livande upp 53 og
dei gjekk fram or graverne, og etter Jesus hadde stade
upp att, kom dei inn i den heilage staden og synte seg
for mange. 54 Då hovudsmannen og dei som var med
honom og heldt vakt yver Jesus, såg jordskjelven og
alt det som hende, vart dei fulle av otte og sagde:
«Dette var sanneleg Guds Son!» 55 Det var og mange

kvinnor der, som stod eit stykke undan og såg på;
dei hadde fylgt Jesus frå Galilæa og tent honom. **56**
Millom deim var Maria Magdalena, og Maria, mor åt
Jakob og Josef, og mor åt Sebedæus-sønerne. **57** Um
kvelden kom det ein rik mann som heitte Josef, og var
frå Arimatæa; han hadde og vorte ein læresvein åt
Jesus. **58** Han gjekk til Pilatus og bad um han måtte få
likamen åt Jesus; og Pilatus sende bod at dei skulde
lata honom få han. **59** Då tok Josef likamen og sveipte
honom inn i eit reint linty, **60** og lagde honom i den
nye gravi som han hadde hogge ut åt seg i berget.
So velte han ein stor stein attfor gravopningi og gjekk
burt. **61** Maria Magdalena og den andre Maria var der
og; dei sat midt fyre gravi. **62** Den andre dagen - det
var den som kjem etter fyrebuingsdagen - gjekk dei
øvste prestarne og farisæarane saman til Pilatus **63** og
sagde: «Herre, me kjem i hug at denne folkedåraren
sagde med han livde: «Tri dagar etter stend eg upp
att.» **64** Set no folk til å vakta vel på gravi til tridje
dagen! Elles kunde læresveinarne hans koma og stela
honom burt, og segja til folket: «Han hev stade upp frå
dei daude, » og då vert den siste dåringi verre enn den
fyrste.» **65** Då sagde Pilatus: «Her hev de vakt! Gakk
no og tak vare på gravi som de best kann!» **66** So
gjekk dei og sette vakti til å varveitsla gravi, etter dei
hadde forsigla steinen.

**28** Då kviledagen var liden, og det tok til å ljosna
den fyrste dagen i vika, kom Maria Magdalena
og den andre Maria og vilde sjå til gravi. **2** Då vart det
brått ein sterk jordskjelv; for ein Herrens engel for ned
frå himmelen, og gjekk innåt og velte steinen ifrå og
sette seg på honom. **3** Han var som ein elding å sjå til,
og klædi hans var kvite som snø. **4** Vaktarane skalv
av rædsla for honom, og vart liggjande som dei var
daude. **5** Og engelen tala til kvinnorne og sagde: «Ver
ikkje rædde! Eg veit at de leitar etter Jesus, han som
vart krossfest. **6** Han er ikkje her; han hev stade upp,
som han sagde. Kom og sjå staden der han låg! **7** Og
skunda dykk so av stad, og seg med læresveinarne
hans: «Han hev stade upp frå dei daude, og no gjeng
han fyre dykk til Galilæa; der skal de få sjå honom!»
Sjå no hev eg sagt dykk det.» **8** Då skunda dei seg
burt ifrå gravi med otte og stor gleda, og sprang av
stad, vilde bera bod um det til læresveinarne hans. **9**
Men best det var, fekk dei sjå Jesus; han kom imot
deim og sagde: «Guds fred!» Då gjekk dei innåt og
fall på kne for honom og tok kringum føterne hans.
**10** Og Jesus sagde til deim: «Ver ikkje rædde! Gakk
og seg med brørne mine at dei skal fara til Galilæa!
Der skal dei sjå meg.» **11** Med dei var på vegen, kom
nokre av vaktarane inn til byen, og fortalde dei øvste
prestarne alt det som hadde hendt. **12** Då kom dei
og styresmennerne i hop og samrådde seg; og dei
gav hermennerne nok av pengar **13** og sagde: «Seg
at læresveinarne hans kom um natti og stal honom
burt medan de sov. **14** Og skulde det koma att for
landshovdingen, so skal me tala vel med honom, og
laga det so at de kann vera trygge.» **15** So tok dei mot
pengarne og gjorde som dei var fyresagde. Soleis kom
det ordet ut millom jødarne, og hev halde seg alt til
denne dag. **16** Dei elleve læresveinarne for til Galilæa,
til det fjellet der Jesus hadde sagt deim til å møtast
med honom. **17** Då dei fekk sjå honom, fall dei på kne
for honom, men sume tvila. **18** Og Jesus steig fram
og tala til deim og sagde: «Eg hev fenge all magt i
himmelen og på jordi. **19** Gakk då ut, og gjer alle folki
til læresveinar, med di de døyper deim til namnet åt
Faderen og Sonen og den Heilage Ande, **20** og lærer
deim å halda alt det som eg hev bode dykk. Og sjå, eg
er med dykk alle dagar so lenge verdi stend!» **(aiōn
g165)**

# Markus

**1** Upphavet til evangeliet um Jesus Kristus, Guds
Son. **2** Hjå Jesaja, profeten, stend det skrive:
«Framfyre deg min ærendsvein eg sender; Der du
vil fara, skal han vegen rydja» - **3** «Høyr han som
ropar i heidi: «Rydje vegen åt Herren, jamna stigarne
hans!»» **4** Soleis stod Johannes, døyparen, fram i
øydemarki, og ropa ut umvendingsdåp til forlating for
synderne. **5** Og heile Judaland kom ut til honom, og
alt Jerusalems-folket, og han døypte deim i Jordanåi,
med dei sanna synderne sine. **6** Johannes var klædd
i kamelhår og hadde eit lerbelte kring livet, og det
han åt, var grashoppar og villhonning. **7** Og han tala
til folket og sagde: «Det kjem ein etter meg som er
sterkare enn eg; eg er'kje verdig å bøygja meg ned og
løysa skobandet hans. **8** Eg hev døypt dykk med vatn,
men han skal døypa dykk med den Heilage Ande.» **9** I
dei dagarne hende det, at Jesus kom frå Nasaret i
Galilæa og vart døypt i Jordan av Johannes. **10** Og
med det same han steig upp or vatnet, såg han korleis
himmelen opna seg, og Anden dala ned til honom som
ei duva. **11** Og frå himmelen kom det ei røyst: «Du
er Son min, som eg elskar! Deg hev eg hugnad i!»
**12** Og straks dreiv Anden honom ut i øydemarki; **13**
og han var i øydemarki i fyrti dagar og vart freista av
Satan, og heldt til millom villdyri, og englarne tente
han. **14** Då Johannes var sett i fengsel, kom Jesus
til Galilæa og kunngjorde evangeliet frå Gud **15** og
sagde: «Tidi er fullkomi, og Guds rike er nær! Vend um
og tru på evangeliet!» **16** Då han ein gong for frammed
Galilæasjøen, fekk han sjå Simon og Andreas, bror
hans; dei var åt og sette garn i sjøen, for dei var
fiskarar. **17** Han sagde til deim: «Kom og fylg meg,
so skal eg setja dykk til å vera menneskje-fiskarar!»
**18** Då gjekk dei beint frå garni sine og fylgde honom.
**19** Då han kom litt lenger fram, såg han Jakob, son
åt Sebædeus, og Johannes, bror hans; dei var og i
båten sin og greidde garni. **20** Og med ein gong kalla
han deim, og dei gav seg med honom, og let far sin,
Sebedæus, vera att i båten med leigefolket. **21** So
kom dei til Kapernaum, og fyrste kviledag gjekk han
inn i synagoga og lærde folket. **22** Og dei var reint
upp i under yver læra hans; for han lærde deim som
ein som hev velde, og ikkje som dei skriftlærde. **23**
Den gongen var det der i lyden ein mann med ei urein
ånd; han sette i og ropa: **24** «Kva vil du oss, Jesus
frå Nasaret? Er du komen for å gjera ende oss? Eg
veit kven du er - den Heilage frå Gud.» **25** Jesus
truga den ureine åndi og sagde: «Teg still, og far ut
or honom!» **26** Då reiv ho og sleit i honom og ill-
hua, og for ut or honom. **27** Og alle vart forfærde og
spurde seg imillom: «Kva er dette? Ei ny og ageleg
læra! Jamvel dei ureine ånderne lyt lystra, når han
talar til deim!» **28** Og gjetordet um honom for straks
yver alle Galilæa-bygderne derikring. **29** Frå synagoga
gjekk dei beint heim til Simon og Andreas, i lag med
Jakob og Johannes. **30** Vermor åt Simon låg sjuk og
hadde hiteflagor, og dei tala straks til Jesus um henne.
**31** Han gjekk burt til henne og tok henne i handi og
reiste henne upp. Då slepte sotti henne, og ho tok
til å stella for deim. **32** Då det vart kveld, og soli var
gladd, kom dei til honom med alle som hadde vondt
eller var forgjorde, **33** og heile byen hadde samla seg
utfor døri. **34** Og han lækte mange som drogst med
ymse sjukdomar, og dreiv ut mange vonde ånder, men
han let'kje ånderne få lov til å tala, av di dei kjende
honom. **35** I otta, fyrr det vart dag, reis han upp og
gjekk ut og burt til ein øydestad; der heldt han bøn. **36**
Simon og dei som var med honom, skunda seg etter
honom, **37** og då dei fann honom, sagde dei til honom:
«Alle leitar etter deg!» **38** Men Jesus svara: «Lat oss
fara til ein annan stad, til grenderne her innmed, so eg
kann få tala for folket der og; for det var det eg gjekk
ut for.» **39** So gjekk han kring i heile Galilæa og tala i
synagogorne deira og dreiv dei vonde ånderne ut. **40**
Ein som hadde spillsykja kom og fall på kne for honom
og bad: «Dersom du vil, kann du gjera meg rein!» **41**
Jesus tykte vondt um honom, og rette ut handi og tok
burtpå honom og sagde: «Eg vil; vert rein!» **42** Og
med ein gong gjekk spillsykja av honom, og han vart
rein. **43** Jesus tala strengt til honom, og bad honom
ganga sin veg straks. **44** «Agta deg at du ikkje segjer
dette med nokon, » sagde han, «men gakk burt og te
deg for presten, og ber fram det offeret for reinsingi di
som Moses hev sagt, so du kann vitna for deim!» **45**
Men mannen var'kje fyrr komen ut, fyrr han tok til å
tala mykje um det og bera det utyver, so Jesus ikkje
lenger kunde ganga berrsynt inn i nokon by; han heldt
seg utanfor, på øydestader, og der kom dei til honom
frå alle kantar.

**2** Då det leid um nokre dagar, kom han til Kapernaum
att, og det spurdest at han var heime. **2** Då samla
der seg so mykje folk at det ikkje var rom åt fleire, ikkje
ein gong framfor døri, og han tala Guds ord til deim. **3**
Best det var, kom fire mann berande med ein som var
lam, **4** og då dei ikkje kunde koma fram til Jesus for
folkestimen, tok dei burt taksteinarne der som han var
og braut hol i taket og fira ned sengi som den lame låg
i. **5** Og då Jesus såg trui deira, sagde han til den lame:
«Son, synderne dine er tilgjevne!» **6** No var det nokre
skriftlærde som sat der; dei tenkte med seg: **7** «Kvi
talar den mannen so? Han spottar Gud! Kven kann

tilgjeva synder utan ein - Gud?» 8 Jesus kjende straks
i hugen sin at dei tenkte so, og han sagde: «Kvi hyser
de slike tankar i hjarta? 9 Kva er lettast å segja til
den lame: «Synderne dine er tilgjevne!» eller å segja:
«Statt upp, tak sengi di og gakk?» 10 Men so de skal
vita at Menneskjesonen hev magt til å tilgjeva synder
på jordi, so segjer eg deg» - sagde han til den lame -:
11 «Statt upp, tak sengi di og gakk heim att!» 12 Då
stod han upp, tok sengi si i same stund og gjekk ut
for alle manns augo, so dei alle vart mest frå seg av
undring, og lova Gud og sagde: «Slikt hev me aldri set
fyrr!» 13 So gjekk han ut til sjøen att. Då kom alt folket
til honom, og han lærde deim. 14 Som han no gjekk
frammed der, fekk han sjå Levi Alfæusson - han sat
på tollbudi - og Jesus sagde til honom: «Fylg meg!»
Då reiste han seg og fylgde honom. 15 So hende
det at Jesus var til bords i huset hans, og mange
tollmenner og syndarar sat saman med honom og
læresveinarne hans; for dei var mange, og dei fylgde
honom. 16 Og då dei skriftlærde millom farisæarane
såg at han åt i lag med syndarar og tollmenner,
sagde dei til læresveinarne hans: «Et han i lag med
tollmenner og syndarar?» 17 Jesus høyrde det og
sagde til deim: «Det er'kje dei friske som treng lækjar,
men dei som hev vondt. Eg er ikkje komen for å kalla
rettferdige, men syndarar.» 18 Både læresveinarne
åt Johannes og læresveinarne åt farisæarane heldt
fasta. Og folk kom og spurde Jesus: «Korleis hev det
seg at læresveinarne åt Johannes og åt farisæarane
fastar, men dine læresveinar fastar ikkje?» 19 «Kann
brudlaupsfolket fasta med brudgomen er hjå deim?»
svara Jesus; «so lenge dei hev brudgomen hjå seg,
kann dei då ikkje fasta. 20 Men skal kjem ei tid då
brudgomen vert teken ifrå deim; då, når den dagen
kjem, skal dei fasta. 21 Ingen saumar ein lapp av
ustampa ty på eit gamalt klædeplagg; elles riv boti burt
noko av plagget - det nye tyet av det gamle - og rifti
vert større. 22 Og ingen hev ny vin på gamle lerflaskor;
elles sprengjer vinen flaskorne og vinen øydest, og
flaskorne med: Nei - ny vin på nye lerflaskor!» 23
Ein gong bar det so til at han gjekk yver åkrarne på
kviledagen, og læresveinarne tok til å riva av aks, med
dei gjekk etter vegen. 24 Då sagde farisæarane med
honom: «Sjå kva dei gjer på kviledagen! det som ingen
hev lov til!» 25 Han svara: «Hev de aldri lese kva David
gjorde då han leid naud og svalt, han og dei som var
med honom? 26 korleis han gjekk inn i Guds hus den
tid Abjatar var øvsteprest, og åt skodebrødi - dei som
ingen utan prestarne hev lov til å eta - og gav fylgjet
sitt med seg?» 27 So sagde han til deim: «Kviledagen
vart til for menneskja skuld, og ikkje menneskja for
kviledagen skuld. 28 Difor råder Menneskjesonen yver
kviledagen og.»

3 Då Jesus ein annan gong gjekk inn i ei synagoga,
var der ein mann som hadde ei nomi hand, 2 og
dei gjætte på honom um han vilde lækja mannen på
kviledagen, so dei kunde få noko å klaga honom for.
3 Då sagde han til mannen med den nomne handi:
«Reis deg upp og kom fram!» 4 Og til dei andre sagde
han: «Er det rett å gjera godt på kviledagen eller å
gjera vondt - berga eit liv eller drepa?» Dei tagde. 5 Då
såg han rundt ikring på deim, både harm og sorgfull for
di dei var so harde og stride. So sagde han til mannen:
«Rett fram handi!» Då rette han henne fram, og handi
hans vart like god att. 6 Men farisæarane gjekk ut og
tok straks til å samråda seg med Herodes-mennerne
korleis dei skulde få gjort ende på honom. 7 So for
Jesus med læresveinarne sine burt til sjøen, og ein stor
folkehop frå Galilæa fylgde med; og frå Judaland 8 og
Jerusalem og Idumea og bygderne på hi sida Jordan
og kring Tyrus og Sidon kom dei til honom i flokketal,
då dei høyrde um alt det han gjorde. 9 Då sagde han
til læresveinarne at det skulde liggja ein båt ferdig
til honom for folkemengdi skuld, so dei ikkje skulde
trengja honom; 10 for han lækte mange, so alle som
hadde eikor plåga, trengde seg innpå honom, og vilde
få taka i honom. 11 Og kvar gong dei ureine ånderne
såg honom, kasta dei seg ned for føterne hans og
ropa: «Du er Guds Son!» 12 Men han forbaud deim
både tidt og strengt å gjera honom kjend. 13 So gjekk
han upp i fjellet, og kalla til seg deim han sjølv vilde, og
dei kom til honom. 14 Og han valde ut tolv som skulde
vera med honom, og som han vilde senda ut til å tala
for folket, 15 og vilde gjeva magt til å driva ut djevlar. 16
Det var Simon - honom kalla han Peter - 17 og Jakob,
son åt Sebedæus, og Johannes, bror hans Jakob -
deim kalla han Boanerges, det er Toresveinarne - 18
og Andreas og Filip og Bartolomæus og Mattæus og
Tomas og Jakob, son åt Alfæus, og Taddæus og Simon
Kananæus 19 og Judas Iskariot, han som sidan sveik
honom. 20 Med det same han kom heim, samla folket
seg i hop att, so dei kunde ikkje ein gong få seg mat.
21 Då hans eige folk fekk høyra det, for dei heimantil
og vilde få tak i honom; «han må vera frå vitet!» sagde
dei. 22 Men dei skriftlærde som var komne ned frå
Jerusalem, sagde: «Be'elsebul hev fare i honom! og:
«Det er djevlehovdingen sjølv som hjelper honom til å
driva ut djevlar.» 23 Då kalla han deim til seg og tala til
deim i likningar: «Korleis kann Satan driva ut Satan?»
24 Kjem eit rike i strid med seg sjølv, so kann det riket
ikkje standa, 25 og kjem eit hus i strid med seg sjølv,
so stend det huset ikkje med lag. 26 Set no Satan seg
upp mot seg sjølv og kjem i strid med seg sjølv, so

kann han ikkje standa seg; då er det ute med honom.
27 Men ingen kann ganga inn i huset til ei kjempa og
rana eignaluterne hans, hev han ikkje fyrst lagt kjempa
i band; då kann han plundra huset. 28 Det segjer eg
dykk for sant: Alt skal tilgjevast menneskjeborni, både
synder og spottord, kor mykje dei spottar; 29 men den
som spottar den Heilage Ande, fær i all æva ikkje
tilgjeving; han er saka i ei æveleg synd» - **(aiōn g165,
aiōnios g166)** 30 det var for di dei sagde: «Han hev ei
urein ånd i seg.» 31 So kom mor hans og brørne hans;
dei vart standande utanfor, og sende bod til honom um
han vilde koma ut. 32 Det sat ein stor flokk kringum
honom, og dei sagde til honom: «Sjå, mor di og brørne
dine stend utanfor og spør etter deg!» 33 Kven er mor
mi og brørne mine? svara han. 34 So såg han rundt på
deim som sat i ein ring kringum honom, og sagde:
«Sjå det er mor mi og brørne mine! 35 Den som gjer
det Gud vil, han er bror min og syster mi og mor mi.»

**4** So tok han til å læra folket att ved sjøen; og det
samla det seg ei uhorveleg mengd ikring honom, so
han laut ganga ut i ein båt; den sat han i utpå vatnet,
og heile folkehopen stod innpå land nedmed sjøen.
2 Då lærde han deim mangt og mykje i likningar, og
med han soleis lærde deim, sagde han: 3 Høyr her!
Det var ein såmann som gjekk ut og vilde så. 4 Då
bar det seg so til med han sådde, at noko av kornet
fall frammed vegen, og fuglarne kom og åt det upp.
5 Noko fall på steingrunn; der hadde det ikkje mykje
jord, og det rann snøgt upp, av di der var so grunt; 6
men då soli steig, skein det av, for det hadde ikkje rot.
7 Noko fall millom klunger, og klungeren voks upp og
kjøvde det, og det gav ikkje grøda. 8 Noko fall i god
jord; det rann upp og voks og gav grøda og bar upp
til tretti og seksti og hundrad foll. 9 Høyr etter, kvar
som høyra kann! sagde han då. 10 Då han vart åleine,
kom dei tolv og dei andre som var med honom, og
spurde honom um likningarne. 11 Han svara: «De fær
vita løyndomen i Gudsriket, men til dei andre, som er
utanfor, kjem allting i likningar, 12 so dei skal sjå, men
ikkje skilja, og høyra, men ikkje skyna; elles kunde
dei venda um og få tilgjeving. 13 Men skynar de'kje
denne likningi, sagde han, korleis kann de då greida
alle dei andre likningarne? 14 Såmannen, det er den
som sår Guds ord. 15 Dei frammed vegen, det er dei
som Guds ord vert sått i, men med same dei hev høyrt
det, kjem Satan, og tek burt ordet som var sått i deim.
16 Sameleis dei som var sådde på steingrunn; det er
dei som straks dei fær høyra Guds ord, tek imot det
med gleda; 17 men dei hev ikkje rot i seg, og held
ikkje ut langt bilet; kjem dei so i naud eller fåre for
ordet skuld, leidest dei straks og fell ifrå. 18 Andre var
sådde millom klunger; det er dei som hev høyrt Guds
ord, 19 men suterne for det timelege og den svikfulle
rikdomen og fysna etter alle andre ting, trengjer seg
inn og kjøver ordet, so det vert grødelaust. **(aiōn g165)**
20 Men dei som var sådde i god jord, det er dei som
høyrer Guds ord og tek imot det, og gjev grøda i tretti
og seksti og hundrad foll.» 21 Sidan sagde han til
deim: «Når dei kjem inn med eit ljos, set dei det då
under skjeppa eller sengi? set dei det'kje i staken?
22 For ingen ting er dult utan det vert openberra, og
ingen ting vart løynt utan det laut fram i ljoset. 23 Høyr
etter, kvar som høyra kann!» 24 So sagde han til deim:
«Sjå dykk fyre kva de høyrer på! Det målet de mæler
med, skal dei mæla åt dykk med, og endå skal de få
noko attpå. 25 For den som hev, han skal få, men den
som ikkje hev, skal missa endå det som han hev.»
26 Sidan sagde han: «Med Guds rike er det so som
når ein mann hev sått kornet i jordi: 27 Han søv og
ris upp, natt etter natt og dag etter dag, og frøet renn
upp og veks - han veit ikkje korleis det gjeng til; 28
av seg sjølv ber jordi si grøda, fyrst strå, so aks, so
fulle korn i kvart aks. 29 Men so snart som åkeren er
skjær, tek han fram sigden; for hausten er komen.» 30
So sagde han: «Kva skal me likna Guds rike i hop
med? kva bilæte skal me teikna det med? 31 Det er
liksom senapskornet; når det vert lagt i jordi, er det
mindre enn alle frøkorn i verdi. 32 Men etter det er
sått, renn det upp og vert større enn alle hagevokstrar
og fær store greiner, so fuglarne i lufti kann byggja
reir i skuggen av det.» 33 I mange sovore likningar
tala han Guds ord til deim, etter som dei var god til
å skyna det. 34 Forutan likningar tala han ikkje til
folket; men når han var åleine med læresveinarne
sine, lagde han det ut alt saman for deim. 35 Då det
leid til kvelds same dagen, sagde han til deim: «Lat
oss fara yver til hi sida!» 36 So skildest dei med folket
og tok honom med i båten, som han var. Og andre
båtar fylgde og med. 37 Då vart det so hardt eit ver, at
bårorne slo inn i båten, og han var nær på å fyllast. 38
Men Jesus låg og sov på høgjendet i bakskuten. Dei
vekte honom og sagde: «Meister, er du like sæl um
me gjeng under?» 39 So stod han upp og truga vinden
og sagde til sjøen: «Teg, og ver still!» Då logna vinden,
og det vart blikende stilt. 40 Og han sagde til deim:
«Kvi er de rædde? Hev de endå ingi tru?» 41 Men
dei var fulle av otte og sagde seg imillom: «Kva er då
dette for ein, som både vinden og sjøen lyder?»

**5** So kom dei yver til hi sida av sjøen, til
Gerasenarbygdi, 2 og med det same han steig utor
båten, kom ein mann med ei urein ånd imot honom frå
gravholorne. 3 Mannen hadde tilhald i graverne, og
ingen kunde lenger få bunde honom, ikkje ein gong
med lekkjor; 4 for han hadde ofte vore bunden med

fotjarn og lekkjor, men slite lekkjorne og brote sund
fotjarni, og ingen var god til å døyva honom. **5** Allstødt
både natt og dag var han i graverne og på fjelli og hua
og slo seg sjølv med steinar. **6** Då han no såg Jesus
langt burte, kom han springande og kasta seg ned
for føterne hans, **7** og ropa høgt: «Kva vil du meg,
Jesus, son åt den høgste Gud? For Guds skuld: pin
meg ikkje!» **8** For Jesus sagde til honom: «Far ut or
mannen, du ureine ånd!» **9** «Kva er namnet ditt?»
spurde Jesus. «Legion er namnet mitt, » svara han;
«for me er mange.» **10** Og han naudbad Jesus, at han
ikkje vilde driva deim ut or bygdi. **11** No var det ein stor
svineflokk som gjekk på beite der innmed fjellet; **12** so
bad dei honom: «Send oss burt i svineflokken, og lat
oss få fara inn i deim!» **13** Det gav han deim lov til.
So for dei ureine åndene ut og for i svini. Og heile
flokken, um lag tvo tusund svin, sette utyver stupet ned
i sjøen og druknast. **14** Dei som gjætte svini, rømde og
sagde frå um det i byen og på gardarne, og folk tok
ut og vilde sjå kva det var som hadde hendt. **15** Då
dei so kom til Jesus, fekk dei sjå at den forgjorde sat
der klædd, og med sitt fulle vit, han som hadde havt
djevleheren i seg. Og dei vart ottefulle. **16** Og då dei
som hadde set det, fortalde korleis det hadde gjenge
med den forgjorde, og um svini, **17** tok dei til å beda
Jesus at han vilde fara burt frå grensorne deira. **18** Då
Jesus gjekk i båten, bad den forgjorde um han måtte
vera med honom. **19** Men Jesus let honom ikkje få lov,
og sagde: «Gakk heim til folket ditt, og seg med deim
kor mykje Herren hev gjort for deg, og kor god han hev
vore med deg!» **20** So gjekk mannen og tok til å gjera
kunnigt kring i Dekapolis kor mykje Jesus hadde gjort
for honom. Og alle undra seg. **21** Då Jesus hadde fare
yver til hi sida att med båten, og endå var nedmed
sjøen, samla det seg ein stor folkehop kringum honom.
**22** Då kom ein av synagoge-forstandarane, som heitte
Jairus, og med det same han såg Jesus, kasta han
seg ned for føterne hans **23** og bad honom mykje
og sagde: «Vesle dotter mi ligg på det siste - um du
vilde koma og leggja henderne på henne, so ho kann
bergast og liva!» **24** Jesus gjekk med honom, og ein
stor folkehop fylgde etter, og trengde seg um honom.
**25** Millom deim var ei kvinna som hadde havt blodflod i
tolv år. **26** Ho hadde søkt mange lækjarar, og prøvt
mange råder, og kosta ut alt ho åtte; men det hadde
ikkje muna; ho var heller vorti verre. **27** Ho hadde høyrt
ordet um Jesus, og no kom ho midt i folkehopen og tok
attantil i kjolen hans. **28** «Kann eg få taka um so berre
i klædi hans, vert eg god att, » tenkte ho. **29** Og med
ein gong stana blodflodi, og ho kjende det i likamen at
ho var lækt for sjukdomen. **30** Jesus kjende straks
på seg at det for ei kraft ut ifrå honom; han snudde
seg um i hopen og spurde: «Kven var det som tok i
klædi mine?» **31** «Du ser folket trengjer deg på alle
kantar, » svara læresveinarne, «og so spør du kven
det var som tok i deg!» **32** Då såg han seg ikring etter
den som hadde gjort det. **33** Og kvinna, som var so
rædd at ho skalv, av di ho visste kva som hadde hendt
henne, ho kom og kasta seg ned for føterne hans,
og sagde honom alt som det var. **34** Då sagde han til
henne: «Trui di hev hjelpt deg, dotter mi. Gakk heim
og hav det godt, og ver fri sjukdomen din!» **35** Fyrr
han hadde tala ut, kom det folk frå huset åt synagoge-
forstandaren og sagde: «Dotter di hev slokna. Umaka
ikkje meisteren lenger!» **36** Jesus høyrde kva dei tala
um, og sagde til synagoge-forstandaren: «Ottast ikkje!
Berre tru!» **37** Han let ingen fylgja seg utan Peter og
Jakob og Johannes, bror åt Jakob. **38** Og då dei kom
heim til synagoge-forstandaren, og han såg for eit ståk
der var, og høyrde folk gret og våla, **39** gjekk han inn
og sagde: «Kva ståkar og græt de for? Barnet hev
ikkje slokna; det søv.» **40** Då log dei åt honom. Men
han dreiv deim ut alle saman, og sjølv tok han med
seg far og mor åt barnet, og fylgjesveinarne sine, og
gjekk inn der barnet låg. **41** Og han tok barnet i handi
og sagde: «Talita kumi!» det er det same som: «Vesle
gjenta, eg segjer deg: Ris upp!» **42** Og straks reis
veslegjenta upp og gjekk ikring; for ho var tolv år. Då
vart dei straks reint som dei var frå seg. **43** Men han
forbaud deim strengt å lata nokon få vita det, og sagde
dei skulde gjeva henne mat.

**6** So for han burt derifrå og kom til fødesheimen sin,
og læresveinarne var med honom. **2** Då kviledagen
kom, tok han til å læra folket i synagoga, og dei mange
som høyrde på honom, var reint upp i under og sagde:
«Kvar hev han dette frå? Kva er det for visdom han
hev fenge? Og slike underverk som han gjer! **3** Er'kje
dette timbremannen, son åt Maria og bror åt Jakob og
Joses og Judas og Simon? Og bur'kje systerne hans
her i grendi?» Og dei stygdest ved honom. **4** Men
Jesus sagde til deim: «Ein profet er ikkje vanvyrd utan
i si eige grend og hjå sitt eige folk og i sin eigen heim!»
**5** Han kunde ikkje gjera noko under der, so nær som at
han lagde henderne på nokre få helselause og lækte
deim. **6** Og han undra seg yver vantrui deira. Sidan
gjekk han frå grend til grend og lærde folket. **7** Og han
kalla dei tolv til seg, og tok til å senda deim ut, tvo og
tvo, og gav dei magt yver dei ureine ånderne. **8** Han
sagde til deim at dei skulde'kje hava anna med seg
på ferdi enn ein stav, ikkje brød, ikkje skreppa, ikkje
kopar i beltet; **9** sandalar kunde dei ganga med, men
dei måtte'kje hava på seg meir enn ei trøya. **10** «Kvar
gong de kjem inn i eit hus, » sagde han, «so ver der til
de fer burt frå den bygdi. **11** Men er det nokon stad dei

ikkje vil taka imot dykk og ikkje vil høyra på dykk, so
gakk dykkar veg og rist moldi av føterne dykkar! det
skal vera eit vitnemål mot deim.» 12 So tok dei i vegen
og tala for folket og mana deim til å venda um. 13 Og
dei dreiv ut mange djevlar, og salva mange helselause
med olje og lækte deim. 14 Kong Herodes fekk og
høyra um dette; for Jesus hadde vorte namnspurd,
og folk sagde: «Det er Johannes, døyparen! Han hev
stade upp frå dei daude; difor ter det seg so underfulle
krafter i honom; » 15 andre sagde: «Det er Elia; »
endå andre: «Det er ein profet, som ein av dei gamle
profetarne.» 16 Men då Herodes høyrde det, sagde
han: «Det er Johannes, han som eg let deim hogga
hovudet av; no hev han stade upp att!» 17 For Herodes
hadde sjølv sendt ut folk til å gripa Johannes og lagt
honom i band og lekkjor, og det valda Herodias, kona
åt Filip, bror hans. For henne hadde Herodes gift seg
med; 18 men Johannes sagde til honom: «Du må ikkje
hava brorkona di!» 19 Difor bar Herodias hat til honom,
og vilde at han skulde drepast, men fekk det'kje fram.
20 For Herodes hadde age for Johannes, av di han
visste han var ein rettferdig og heilag mann, og han
heldt handi yver honom; når han høyrde honom, kom
han i tvil um mangt og mykje, og han høyrde honom
gjerne. 21 Men so kom det ei lagleg tid: det var då
Herodes på årmålsdagen sin gjorde eit gjestebod for
stormennerne sine og herhovdingarne og dei gjævaste
i Galilæa. 22 Då kom dotter åt Herodias inn og dansa.
Herodes og gjesterne hans tykte gildt i dansen hennar,
og kongen sagde til henne: «Bed meg um kva du vil,
so skal eg gjeva deg det!» 23 Og han svor at ho skulde
få det ho bad um - um det so var halve riket hans. 24
So gjekk ho ut og spurde mor si: «Kva skal eg beda
um?» «Hovudet åt Johannes døyparen!» svara mori.
25 Då skunda ho seg straks inn til kongen og bar fram
ynskjet sitt. «Eg vil at du no med det same skal gjeva
meg hovudet åt Johannes døyparen på eit fat, » sagde
ho. 26 Kongen vart reint ille ved; men for di han hadde
svore, og for gjesterne skuld vilde han ikkje svara nei.
27 Han sende straks ein av livvakti av stad og bad
honom henta hovudet åt Johannes. 28 Mannen gjekk
til fengslet og hogg hovudet av Johannes, kom med
det på eit fat og gav det til gjenta, og ho gav det til mor
si. 29 Då læresveinarne åt Johannes fekk høyra det,
kom dei og tok liket hans og lagde det i ei grav. 30
Apostlarne samla seg atter hjå Jesus, og sagde frå um
alt dei hadde gjort, og alt dei hadde lært folket. 31 Då
sagde han til deim: «Kom no de åleine med meg til ein
øydestad og kvil dykk litt!» For det var mange som
kom og gjekk, og dei fekk ikkje ein gong matro. 32 So
for dei åleine i båten til ein øydestad. 33 Men folk såg
deim fara burt, og mange kjende deim att, og sprang
landveges dit frå alle byarne og kom fyre deim, 34 og
då Jesus steig i land, fekk han sjå ein stor folkehop.
Han tykte hjarteleg synd i deim; for dei var som ein
saueflokk utan hyrding; og han tok til å læra deim
mykje. 35 Då dagen tok til å lida, kom læresveinarne til
honom og sagde: «Det er audt her, og dagen lid. 36
Send deim frå deg, so dei kann ganga burt i gardarne
og grenderne her kringum og kjøpa seg mat!» 37
«Gjev de dei mat!» svara han. «Skal me ganga av og
kjøpa brød for eit halvt hundrad dalar, og gjeva deim?»
sagde dei då. 38 «Kor mykje brød hev de?» spurde
han; «gakk og sjå etter!» Då dei so hadde fenge greida
på det, sagde dei: «Fem leivar og tvo fiskar.» 39 Då
sagde han at dei skulde lata alle setja seg i det grøne
graset, bordlag og bordlag. 40 So let dei seg ned i
flokkar, sume på hundrad og sume på femti. 41 Og
han tok dei fem brødleivarne og dei tvo fiskarne og
såg upp imot himmelen og velsigna deim; so braut han
brødet og gav det til læresveinarne, so dei skulde setja
det fram for deim, og dei tvo fiskarne skifte han og
ut åt deim alle. 42 Då alle hadde ete og var mette,
43 samla dei upp tolv korger fulle med brødstykke og
noko fisk. 44 Og det var fem tusund mann som hadde
fenge mat. 45 Med same dette var gjort, nøydde han
læresveinarne til å ganga i båten og fara fyre yver
sjøen, til Betsaida, medan han sjølv bad farvel med
folket. 46 Og då han hadde skilst med deim, gjekk han
upp i fjellet og vilde beda. 47 Då det leid på kvelden,
var båten midt utpå sjøen, og sjølv var han åleine på
land. 48 Då såg han at det gjekk tungt for deim med
roren; for dei hadde vinden imot seg. Og ikring den
fjorde nattevakti kom han gangande burtimot deim på
sjøen, og vilde ganga framum deim. 49 Då dei såg at
han gjekk på sjøen, tenkte dei at det var eit skrymt, og
dei sette i et skrik; 50 for dei såg honom alle og vart
fælne. Men i det same tala han til deim og sagde: «Ver
hugheile! Det er eg! Ver'kje rædde!» 51 So steig han
upp i båten til deim, og vinden stilna. Men dei var so
forstøkte at dei var reint ifrå seg. 52 For dei hadde
ikkje vitrast av det som var hendt med brødet; so seige
og tungnæme var dei. 53 Då dei hadde fare yver til
hitt landet, kom dei til Gennesaret og lagde til der. 54
Med det same han steig utor båten, kjende folk honom
att, 55 og dei sprang rundt i heile grannelaget og tok
til å bera dei sjuke kring i sengjerne sine dit som dei
høyrde han var. 56 Og kvar han kom, til grender eller
byar eller gardar, lagde dei sine sjuke på tunet, og bad
um dei måtte få taka um so berre i falden på kjolen
hans, og alle som kom nær honom, vart gode att.

**7** Farisæarane og nokre skriftlærde som var komne
frå Jerusalem, samla seg ein gong kring Jesus. 2
For dei hadde set at nokre av læresveinarne hans åt

maten sin med ureine - dei meinte: utvegne hender; 3
og farisæarane og alle jødar tvær alltid henderne vel
fyrr dei et; det er ein skikk dei hev frå dei gamle, og den
held dei seg etter; 4 og når dei kjem frå torget, et dei
ikkje fyrr dei hev skvett vatn yver seg; og mykje anna er
det som hev vorte sed og skikk hjå deim, som å skylja
koppar og krus og koparkjelar og benkjer. 5 So kom då
farisæarane og dei skriftlærde og spurde honom: «Kvi
fylgjer ikkje læresveinarne dine dei skikkarne me hev
frå dei gamle, men et maten sin med ureine hender?»
6 Han svara: «Jesaja spådde sant um dykk, de hyklarar,
som det stend skrive: «Med lipporn' lovar dei meg,
denne lyden, Men hugen deira han er langt ifrå meg. 7
D'er liten mun i at dei meg vil æra, Når det dei lærer
folk er mannebod.» 8 De ansar ikkje Guds bod, men
held dykk etter menneskjelærdom. 9 Å jau, det er rett
fint åtfare, » sagde han, «at de gjer Guds bod um inkje,
so de kann fylgja skikkarne dykkar! 10 Moses hev sagt:
«Du skal æra far din og mor di!» og: «Den som bannar
far sin eller mor si, skal døy!» 11 Men de segjer: «Når
ein mann talar so til far sin eller mor si: «Det som eg
kunde ha hjelpt deg med, skal vera ein korban» - det
er: ei tempelgåva - 12 so let de honom ikkje lenger
få lov til å gjera noko for foreldri sine. 13 Soleis gjer
de Guds ord um inkje med skikkarne dykkar, som de
hev lært folk. Og slikt gjer de mykje av.» 14 So kalla
han folket til seg att og sagde med deim: «Høyr på
meg alle, og tenk på det eg segjer! 15 Det finst ingen
ting utanfor menneskjet som kann gjera honom urein
um det kjem inn i honom; men det som kjem ut or
menneskjet, det er det som gjer honom urein. 16 Høyr
etter, kvar som høyra kann!» 17 Då han var komen inn
og hadde skilst ifrå folket, spurde læresveinarne honom
um dette ordtøket. 18 «Er de og so uvituge?» svara
han. «Skynar de'kje at det som kjem inn i menneskjet
utantil, kann aldri gjera honom urein? 19 For det kjem
ikkje inn i hjarta hans, men i buken, og fer ut der
det skal; soleis vert all føda rein. 20 Men det som
gjeng ut or menneskjet, » sagde han, «det gjer honom
urein. 21 For innantil, or menneskjehjarta, kjem dei
vonde tankarne: lauslivnad, tjuvskap, manndråp, 22
egteskapsbrot, girugskap, vondskap, svik, ukjurskap,
ovund, gudsspotting, ovmod, vitløysa. 23 Alt dette
vonde kjem innantil, og gjer menneskjet ureint.» 24 So
tok han ut derifrå, og for burt til Tyrus-bygderne. Der
gjekk han inn ein stad, og vilde ikkje nokon skulde vita
det; men det kunde ikkje dyljast. 25 Ei kona hadde ei
liti dotter som det var ei urein ånd i; då ho fekk høyra
um honom, kom ho straks og kasta seg ned for føterne
hans; 26 det var ei heidningkona, av syro-fønikisk ætt.
Og ho bad at han vilde driva den vonde åndi ut or
dotter hennar. 27 «Lat fyrst borni få eta seg mette!»
svara han; «det er'kje vænt å taka brødet frå borni
og kasta det for hund-ungarne.» 28 «Jau, Herre, »
svara ho; «små-hundarne et då og under bordet av
smularne etter borni.» 29 Då sagde Jesus: «For det
ordet skuld kann du ganga heim att; den vonde åndi
hev fare ut or dotter di.» 30 Då ho so kom heim, fann
ho barnet liggjande på sengi, og åndi hadde fare ut. 31
Då han tok ut att frå Tyrus-bygderne, for han um Sidon
til Galilæasjøen, midt igjenom Dekapolis-bygdi. 32 Då
kom dei til honom med ein som var dauv og godtsom
mållaus, og bad han vilde leggja henderne på honom.
33 Jesus tok honom til sides, burt ifrå folkehopen, stakk
fingrarne sine i øyro hans, og vætte tunga hans med
råke av munnen sin. 34 So såg han upp imot himmelen
og sukka, og sagde til honom: «Effata!» - det er: «Lat
deg upp!» 35 Då vart øyro hans upplatne, bandet
losna av tunga, og han tala klårt. 36 Jesus forbaud
deim å segja det med nokon. Men di meir han forbaud
det, di meir bar dei det utyver. 37 Dei var reint tekne
og sagde: «Han hev gjort alt vel! dei dauve gjev han
høyrsel, og dei mållause mæle.»

**8** Ein gong ved det leitet var det atter mykje folk
samla, og dei hadde ingen ting å eta. Då kalla
Jesus læresveinarne til seg og sagde: 2 «Eg ynkast
yver folket! No hev dei alt vore hjå meg i tri dagar, og
hev ingen ting å eta. 3 Let eg deim fara fastande heim
att, so kjem dei til å ormegtast på vegen; og sume
av dei hev kome lange vegar.» 4 «Kvar kann ein få
brød frå til å metta alle desse, her i øydemarki?» svara
læresveinarne. 5 «Kor mykje brød hev de?» spurde
Jesus. «Sju leivar, » sagde dei. 6 Då let han folket
setja seg ned på marki, og han tok dei sju leivarne og
takka og braut dei sund og gav deim til læresveinarne,
so dei skulde setja deim fram; og dei sette deim fram
for folket. 7 Og dei hadde nokre få små fiskar; deim
velsigna han og, og sagde at dei skulde setja deim
fram. 8 Då dei hadde ete og var mette, samla dei upp
dei stykki som låg att; det vart sju korger. 9 Og der var
um lag fire tusund mann. So bad han farvel med deim.
10 Straks etter gjekk han i båten med læresveinarne
sine og for til Dalmanuta-bygdi. 11 Dit kom farisæarane
og, og dei tok til å ordkastast med honom, og kravde
eit teikn frå himmelen av honom; for dei vilde freista
honom. 12 Då sukka han av hjartans grunn og sagde:
«Kvi krev denne ætti eit teikn? Det segjer eg dykk for
sant: Aldri skal denne ætti få noko teikn!» 13 Dermed
gjekk han ifrå deim og steig ut i båten att, og for yver
sjøen. 14 Dei hadde gløymt å taka brød med seg; ein
leiv var alt dei hadde med seg i båten. 15 So vara han
deim åt og sagde: «Sjå dykk fyre, og agta dykk for
surdeigen åt farisæarane og surdeigen åt Herodes!»
16 Då tala dei med kvarandre um at dei hadde'kje

brød. 17 Jesus gådde det og sagde til deim: «Kvi talar
de um at de ikkje hev brød? Ser og skynar de endå
ingen ting? Er de so tungnæme? 18 De hev augo,
og ser ikkje! De hev øyro og høyrer ikkje! Kjem de
då ikkje i hug 19 den gongen eg bytte sund dei fem
brødleivarne åt dei fem tusund - kor mange korger fulle
av brødstykke sanka de i hop?» «Tolv, » svara dei. 20
«Og då eg bytte ut dei sju leivarne åt dei fire tusund,
kor mange fulle brødkorger samla de då upp?» - «Sju,
» svara dei. 21 Skynar de endå ingen ting? sagde
han då. 22 So kom dei til Betsaida. Der leidde dei ein
blind mann fram til honom, og bad at han vilde leggja
henderne på honom. 23 Då tok han den blinde i handi,
og leidde honom ut or grendi. So vætte han augo hans
med råke av munnen sin, og lagde henderne på honom
og spurde: «Ser du noko?» 24 Mannen såg upp og
sagde: «Eg augnar folk som gjeng ikring; dei ser ut for
meg som trestuvar.» 25 So lagde Jesus endå ein gong
henderne på augo hans. Då braut syni hans fram; han
vart god att og kunde skilja allting klårt. 26 Jesus sende
honom heim att og sagde: «Gakk ikkje inn i grendi, og
seg det ikkje til nokon i grendi!» 27 Sidan for Jesus og
læresveinarne hans burt til grenderne kring Cæsarea
Filippi. Og på vegen spurde han deim: «Kven segjer
folk at eg er?» 28 «Johannes døyparen, » svara dei;
og sume segjer: «Elia», andre: «Ein av profetarne.» 29
«Kven segjer då de at eg er?» spurde han. Då tok
Peter til ords og sagde: «Du er Messias!» 30 Men det
forbaud han deim strengt å segja med nokon. 31 So
tok han til å læra deim at Menneskjesonen laut lida
mykje, og at styresmennerne og dei øvsteprestarne og
dei skriftlærde skulde skjota honom ifrå seg, og at han
laut lata livet, men tri dagar etter skulde han standa
upp att. 32 Og det sagde han med reine ord. Då tok
Peter honom til sides og tok til å telja for honom. 33
Men han snudde seg, og då han såg læresveinarne
sine, tala han strengt til Peter og sagde: «Burt frå augo
mine, Satan! Du hev ingen tanke for det som er Guds
vilje, men berre for det som er menneskjevilje.» 34
So kalla han folket til seg saman med læresveinarne
sine og sagde: «Vil nokon vera i lag med meg, so
lyt han gløyma seg sjølv, og taka krossen sin upp
og fylgja etter meg. 35 For den som vil berga livet
sitt, skal missa det; men den som misser livet for
mi og evangeliet skuld, han skal berga det. 36 Kva
gagnar det eit menneskje å vinna heile verdi, men
tapa sjæli si? 37 For kva kann menneskjet gjeva i byte
for sjæli si? 38 For den som skjemmest ved meg og
ordi mine i denne utrue og synduge ætti, honom skal
og Menneskjesonen skjemmast ved når han kjem i
herlegdomen åt Far sin med dei heilage englarne.

**9** Det segjer eg dykk for sant, » sagde han: «Sume
av deim som her stend, skal ikkje smaka dauden
fyrr dei ser at Guds rike hev kome med velde.» 2 Seks
dagar etter tok Jesus Peter og Jakob og Johannes
med seg upp på eit høgt fjell; der var dei åleine for
seg sjølve. Då vart han forklåra for augo deira, 3 og
klædi hans vart skinande kvite, so ingen bleikjar i verdi
kunde ha gjort deim so kvite. 4 Og Elia synte seg for
deim saman med Moses; dei stod og tala med Jesus.
5 Då tok Peter til ords og sagde til Jesus: «Meister, det
er godt me er her! Lat oss gjera tri hytter, ei åt deg,
og ei åt Moses, og ei åt Elia!» 6 Han visste ikkje kva
han skulde segja; for dei var fulle av otte. 7 So kom
det ei sky og skygde yver deim, og or skyi kom det ei
røyst: «Dette er Son min, han som eg elskar. Høyr på
honom!» 8 Men best dei skoda ikring seg, såg dei
ingen meir utan Jesus - han var åleine hjå deim. 9 Då
dei gjekk ned av fjellet, sagde han med deim at dei
ikkje måtte tala til nokon um det dei hadde set, fyrr
Menneskjesonen var staden upp frå dei daude. 10
Det ordet merka dei seg, men undrast seg imillom kva
det skulde tyda: «standa upp frå dei daude». 11 So
spurde dei honom: «Segjer ikkje dei skriftlærde at fyrst
lyt Elia koma?» 12 Ja, fyrst kjem Elia og set alt i rett
lag att, svara han; «og kva er det som stend skrive um
Menneskjesonen? At han skal lida mykje og agtast for
inkje! 13 Men eg segjer dykk at Elia og er komen, og
dei gjorde med honom slikt dei vilde, som skrive er um
honom.» 14 Då dei kom til læresveinarne, såg dei ein
stor folkehop kringum deim, og nokre skriftlærde som
var i ordkast med deim. 15 Og med same folkemengdi
fekk sjå honom, vart dei reint forstøkte, og sprang imot
honom og helsa. 16 «Kva er det de dregst med deim
um?» spurde han. 17 Då svara ein av folket: «Meister,
eg er komen til deg med son min. Han hev ei mållaus
ånd i seg; 18 når ho tek honom, riv ho og slit i honom,
so fraudi stend utor munnen, og han skjer tenner og
visnar burt. Eg bad læresveinarne dine at dei vilde
driva henne ut, men dei var'kje god til.» 19 Då tok
Jesus til ords og sagde: «Å, du vantrune ætt! Kor lenge
skal eg vera hjå dykk? Kor lenge skal eg tola dykk?
Kom hit til meg med honom!» 20 So leidde dei guten
burt til honom, og med same han såg Jesus, reiv åndi i
honom, so han stupte i marki og velte seg og togg
fraud. 21 «Kor lenge hev han havt det so?» spurde
Jesus. «Frå han var eit lite barn, » svara faren; 22 «og
ofte hev åndi kasta honom både i elden og i vatnet, og
vilja gjort ende på honom. Men er det mogelegt for
deg, so gjer sælebot på oss og hjelp oss!» 23 «Um det
er mogelegt for meg -?» svara Jesus. «Alt er mogelegt
for den som trur!» 24 Og straks ropa far åt barnet:
«Eg trur! Hjelp mi vantru!» 25 Då Jesus såg at folket

strøymde til, truga han den ureine åndi og sagde: «Du
mållause og dauve ånd, far utor honom, segjer eg, og
far aldri i honom meir!» 26 Då hua ho og reiv hardt i
guten og for ut. Og han vart som eit lik, so dei fleste
sagde: «Han hev slokna!» 27 Men Jesus tok honom i
handi og vekte honom; då reiste han seg upp. 28 Då
Jesus var komen i hus, og læresveinarne var åleine
med honom, spurde dei: «Kvi kunde ikkje me driva ut
åndi?» 29 Han svara: «Dette slaget kann ikkje drivast
ut på anna vis enn med bøn og fasta.» 30 So tok dei
ut derifrå og for gjenom Galilæa. Men han vilde ikkje
nokon skulde vita det; 31 for han lærde sveinarne
sine og sagde: Menneskjesonen skal gjevast yver i
menneskjehender, og dei skal drepa honom; og tri
dagar etter han er drepen, skal han standa upp att.
32 Men dei skyna'kje det ordet, og torde ikkje spyrja
honom. 33 So kom dei til Kapernaum, og då han var
heime att, spurde han deim: «Kva var det de tala um
på vegen?» 34 Dei tagde; for på vegen hadde dei tala
med einannan um kven som var størst. 35 Då sette
han seg og kalla til seg dei tolv, og sagde med deim:
«Vil nokon vera den fyrste, so skal han vera den siste
av alle og tenar for alle!» 36 So tok han eit lite barn
og sette midt imillom deim og tok det i fang og sagde
til deim: 37 «Den som tek imot eit sovore barn for
mitt namn skuld, han tek imot meg; og den som tek
imot meg, tek ikkje imot meg, men den som sende
meg.» 38 Johannes sagde til honom: «Meister, me såg
at ein som ikkje er i fylgje med oss, dreiv ut vonde
ånder i ditt namn, og me forbaud honom det, for di han
ikkje var i fylgje med oss.» 39 «De skal ikkje forbjoda
honom det, » sagde Jesus, «for den som gjer eit under
i mitt namn, kann ikkje so snart tala vondt um meg;
40 den som ikkje er imot oss, held med oss. 41 For
den som gjev dykk ei skål med vatn for di de høyrer
Kristus til, han skal ikkje missa si løn, det segjer eg
dykk for visst. 42 Men den som legg ei snara for ein av
desse små som trur, for honom var det mykje betre um
det var lagt ein kvernstein um halsen hans, og han
var kasta i havet. 43 Dersom handi di freistar deg,
so hogg henne av! Det er betre du gjeng vanfør inn
til livet, enn at du hev båe henderne dine og kjem i
helvite, i den usløkkjande elden, (Geenna g1067) 44 der
ormen deira ikkje døyr, og elden ikkje sloknar. 45 Og
dersom foten din freistar deg, so hogg honom av! Det
er betre du gjeng einføtt inn til livet, enn at du hev båe
føterne dine og vert kasta i helvite, (Geenna g1067) 46
der ormen deira ikkje døyr, og elden ikkje sloknar. 47
Og dersom auga ditt freistar deg, so riv det ut! Det
er betre du gjeng einøygd inn i Guds rike, enn at du
hev tvo augo og vert kasta i helvite, (Geenna g1067) 48
der ormen deira ikkje døyr og elden ikkje sloknar. 49
For kvart menneskje skal saltast med eld, liksom kvart
offer vert salta med salt. 50 Salt er ein godt; men vert
saltet saltlaust, kva vil de då salta det med? Hav salt i
dykk sjølve, og haldt fred med kvarandre!»

**10** So tok han ut derifrå, og for til Juda-bygderne
og bygderne på hi sida Jordan. Og folket samla
seg att ikring honom, og han lærde deim, som han var
van med. 2 Då kom det nokre farisæarar og spurde
honom: «Tru ein mann hev lov til å skilja seg frå kona
si?» Det var for å freista honom dei spurde um det.
3 «Kva hev Moses sagt dykk fyre?» sagde Jesus. 4
«Moses gav lov til å skriva eit skilsmålsbrev og senda
henne frå seg, » svara dei. 5 Då sagde han til deim:
«Av di de er so hardhjarta, skreiv Moses den lovi for
dykk. 6 Men alt ifrå fyrste skapingstidi gjorde Gud deim
til mann og kvinna. 7 Difor skal mannen skiljast med
far sin og mor si, 8 og dei tvo skal vera eitt kjøt. So er
dei då ikkje lenger tvo, men eitt kjøt, 9 og det som
Gud hev bunde i hop, det skal ikkje menneskja skilja.»
10 Heime spurde læresveinarne honom att um det
same. 11 Då sagde han til deim: «Den som skil seg frå
kona si og gifter seg med ei onnor, bryt egteskapet
med henne, og gjer hor. 12 Og dersom ho skil seg
frå mannen sin, og gifter seg med ein annan, gjer ho
hor.» 13 Og dei bar småborn til honom, so han skulde
røra ved deim, men læresveinarne truga deim som bar
deim. 14 Då Jesus såg det, vart han harm og sagde til
deim: «Lat småborni koma til meg; hindra deim ikkje!
for Guds rike høyrer slike til. 15 Det segjer eg dykk for
sant: Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite
barn, han skal på ingen måte koma inn i det.» 16 So
tok han deim i fanget og lagde henderne på deim og
velsigna deim. 17 Då han kom ut på vegen, sprang det
ein fram og fall på kne for honom og spurde: «Gode
meister, kva skal eg gjera so eg kann vinna eit æveleg
liv?» (aiōnios g166) 18 «Kvi kallar du meg god?» sagde
Jesus. «Ingen er god utan ein - Gud! 19 Bodi kjenner
du: «Du skal ikkje drepa! Du skal ikkje gjera hor! Du
skal ikkje stela! Du skal ikkje vitna rangt! Du skal ikkje
slå under deg annan manns eigedom! Du skal æra
far din og mor di!»» 20 «Meister, » svara han, «alt
det hev eg halde frå eg var ung.» 21 Då såg Jesus
på honom og fekk honom kjær. So sagde han: «Eitt
vantar deg: Gakk burt og sel alt det du hev, og gjev det
til dei fatige, so fær du ein skatt i himmelen; og kom
so og fylg meg!» 22 Ved det ordet for det ein skugge
yver andlitet hans, og han gjekk sturen burt; for han
åtte mykje. 23 Då såg Jesus kringum seg og sagde til
læresveinarne sine: «Kor vandt det er for den som
eig mykje å koma inn i Guds rike!» 24 Læresveinarne
stokk yver ordi hans. Men Jesus tok til ords att og
sagde: «Kor vandt det er, borni mine, å koma inn i

Guds rike for deim som set si lit til rikdom! 25 Det er
lettare for ein kamel å ganga gjenom eit nålauga enn
for ein rik å koma inn i Guds rike! 26 Då vart dei endå
meir forfærde. «Kven kann då verta frelst?» ropa dei.
27 Jesus såg på deim og sagde: «For menneskje er
det umogelegt, men ikkje for Gud; for alt er mogelegt
for Gud.» 28 Då tok Peter til ords og sagde til honom:
«Enn me som hev skilt oss med alt og fylgt deg!» 29
Og Jesus svara: «Det segjer eg dykk for sant: Det er
ingen hev skilt seg med heim eller brør eller syster eller
mor eller far eller born eller gardar for mi og evangeliet
skuld, 30 utan han skal få det att hundrad gonger -
no i denne tidi heim og brør og syster og møder og
born og gardar, alt um han jamt er i fåre, og i den verdi
som kjem eit æveleg liv. (aiōn g165, aiōnios g166) 31 Men
mange som no er med dei fyrste, skal då vera millom
dei siste, og dei siste millom dei fyrste. 32 No var dei
på vegen upp til Jerusalem. Jesus gjekk fyre deim, og
dei undrast, og dei som fylgde, var fulle av otte. Då
samla han atter dei tolv ikring seg, og tok til å tala til
deim um det som skulde henda honom: 33 No fer me
upp til Jerusalem, og Menneskjesonen skal gjevast i
henderne på dei øvste prestarne og dei skriftlærde, og
dei skal døma honom frå livet og gjeva honom yver til
heidningarne; 34 og dei skal spotta honom og sputta
på honom og hudfletta honom og drepa honom; men
tri dagar etter skal han standa upp att.» 35 Jakob og
Johannes, sønerne åt Sebedæus, kom til honom og
sagde: «Meister, det er noko me vil beda deg um! Vil
du gjera det for oss?» 36 «Kva vil de eg skal gjera for
dykk?» sagde han. 37 «Lova oss at me skal få sitja
innmed deg i din herlegdom, ein på di høgre og ein på
di vinstre sida!» svara dei. 38 «De veit ikkje kva de bed
um, » sagde Jesus. Kann de drikka den skåli som eg
drikk, eller taka den dåpen som eg tek?» 39 «Ja, det
kann me, » sagde dei. Då sagde Jesus til deim: «Den
skåli eg drikk, skal de drikka, den dåpen eg fær, skal
de få; 40 men sætet ved mi høgre eller vinstre sida er
det ikkje mi sak å gjeva burt; det lyt dei få som det er
etla åt.» 41 Då dei ti høyrde det, tok dei til å harmast
på Jakob og Johannes. 42 Då kalla Jesus deim til seg
og sagde: «De veit at dei som gjeld for fyrstar, råder
yver folki sine, og stormennerne deira heldt deim i age.
43 Men so er det ikkje hjå dykk; den som vil vera stor
millom dykk, lyt tena dei andre, 44 og den som vil vera
den fyrste av dykk, lyt vera træl for dykk alle. 45 For
Menneskjesonen er'kje heller komen for å tenast, men
for å tena og gjeva sitt liv til løysepening for mange.»
46 So kom dei til Jeriko. Då Jesus tok ut att frå Jeriko
med læresveinarne sine og ein svær folkehop, sat son
åt Timæus, Bartimæus, ein blind tiggar, attmed vegen,
47 og då han høyrde det var Jesus frå Nasaret, tok han
på å ropa: «Jesus, Davids son, gjer sælebot på meg!»
48 Mange truga honom, og sagde han skulde tegja;
men han ropa berre endå meir: «Davids son, gjer
sælebot på meg!» 49 Jesus stana og sagde: «Ropa
honom hit!» Då ropa dei på den blinde og sagde til
honom: «Ver hugheil! Reis deg upp! Han ropar på
deg!» 50 So kasta han av seg kjolen og spratt upp og
kom burt til Jesus. 51 Og Jesus sagde til honom: «Kva
vil du eg skal gjera for deg?» «Meister, lat meg få att
syni!» svara den blinde. 52 Då sagde Jesus til honom:
«Gakk heim att! Trui di hev hjelpt deg.» Og med ein
gong fekk han att syni, og fylgde Jesus på vegen.

**11** Då dei kom burtimot Jerusalem, til Betfage og
Betania ved Oljeberget, sende Jesus tvo av
læresveinarne sine i veg og sagde til deim: 2 «Gakk
burt i den grendi som ligg beint framfor dykk! Med det
same de kjem der, finn de ein fole som stend bunden,
og som det endå aldri hev sete noko menneskje på;
den skal de løysa og koma hit med! 3 Og dersom
nokon segjer med dykk: «Kvi gjer de det?» so skal de
svara: «Herren treng um honom, og sender honom
straks attende.»» 4 So gjekk dei og fann folen; han
stod bunden uti gata attmed ei dør, og dei løyste
honom. 5 Nokre folk som stod der, sagde til deim:
«Kva gjer de? løyser de folen?» 6 Dei svara so som
Jesus hadde sagt; då let folket deim ganga. 7 So
kom dei til Jesus med folen og lagde kjolarne sine
på honom, og Jesus sette seg uppå. 8 Og mange
breidde klædi sine på vegen, andre strådde lauv, som
dei hadde henta frå marki. 9 Og dei som gjekk fyre, og
dei som fylgde etter, ropa: «Hosianna! Velsigna vere
han som kjem i Herrens namn! 10 Velsigna vere vår
fader Davids rike som kjem! Hosianna i det høgste!»
11 So kom han til Jerusalem og gjekk inn i templet.
Der såg han seg ikring allstad; men då det tok til å
kvelda, gjekk han ut til Betania med dei tolv. 12 Dagen
etter, då dei gjekk frå Betania, kjende han seg svolten.
13 Langt burte såg han eit fiketre med lauv på; han
gjekk burtåt, og vilde sjå um han kunde finna noko
på det; men då han kom dit, fann han'kje anna enn
lauv; for det var ikkje tidi for fikor. 14 Då tala han til
treet og sagde: «Gjev aldri i verdi nokon må koma til å
eta frukt av deg meir!» Og det høyrde læresveinarne
på. (aiōn g165) 15 Då dei kom til Jerusalem, gjekk han
inn i templet og tok til å driva ut deim som handla i
heilagdomen; han velte bordi åt pengevekslarane og
krakkarne åt deim som selde duvor, 16 og let ingen få
lov til å bera nokon reidskap gjenom templet. 17 Og
han lærde deim og sagde: «Stend det'kje skrive: «Mitt
hus skal kallast eit bønehus for alle folk?» Men de hev
gjort det til eit røvarbol.» 18 Dei øvste prestarne og
dei skriftlærde fekk høyra det, og lurde på korleis dei

skulde få teke livet av honom; dei var rædde honom;
for alle folk var hugtekne av læra hans. 19 Men når det
leid til kvelds, gjekk han alltid ut or byen. 20 Då dei
tidleg um morgonen gjekk framum fiketreet, såg dei at
det hadde turka radt ifrå roti. 21 Peter kom i hug dei
ordi Jesus hadde lyst, og sagde: «Meister, sjå fiketreet
som du banna, hev turka!» 22 Då tok Jesus til ords
og sagde: «Hav tru til Gud! 23 Det segjer eg dykk for
sant: Um nokon segjer til dette fjellet: Lyft deg upp og
kasta deg ut i havet! og ikkje hev tvil i hjarta, men trur
at det vil ganga som han segjer, so skal det ganga
som han vil. 24 Difor segjer eg dykk: Kva de bed um
og ynskjer etter, so tru visst at de alt hev fenge det -
då fær de det! 25 Og når de stend og bed, og hev
noko imot einkvan, so tilgjev honom det! Då skal og far
dykkar i himmelen tilgjeva dykk for misgjerningarne
dykkar! 26 Men um de ikkje tilgjev, skal ikkje heller far
dykkar i himmelen tilgjeva dykkar misgjerningar.» 27
So kom dei til Jerusalem att. Og med han gjekk ikring i
templet, kom dei øvste prestarne og dei skriftlærde og
styresmennerne burt til honom 28 og sagde: «Kva rett
hev du til å gjera dette, eller kven gav deg retten til å
gjera det?» 29 «Eg vil spyrja dykk um ein ting, » sagde
Jesus. «Svara meg, so skal eg segja dykk kva rett eg
hev til å gjera dette: 30 Var dåpen åt Johannes frå
himmelen eller frå menneskje? Svara meg!» 31 Då
lagde dei yver med kvarandre og sagde: «Svarar me:
«Frå himmelen, » so segjer han: «Kvi trudde de honom
då ikkje?» 32 Lat oss heller svara: «Frå menneskje!»»
men det torde dei ikkje for folket; for alle trudde at
Johannes var retteleg ein profet. 33 So svara dei
honom: «Det veit me ikkje.» «Då segjer ikkje eg dykk
heller kva rett eg hev til å gjera dette, » sagde Jesus.

**12** So tok han til å tala til deim i likningar: «Det var
ein mann som laga seg ein vingard, og sette
gjerde kringum, og grov ei vinpersa, og bygde eit tårn;
so leigde han hagen burt til brukarar og for utanlands.
2 Då tidi kom, sende han ein svein til brukarane, og
vilde få noko av det som var avla i vingarden. 3 Men
brukarane greip sveinen og dengde honom, og sende
honom burt med tome hender. 4 So sende han ein
annan svein til deim; den slo dei i hovudet og hædde
honom. 5 Og han sende ein til; honom slo dei i hel. Og
mange fleire: sume skamslo dei, og sume drap dei. 6
No hadde han berre ein att, ein son, som han heldt
hjarteleg av. Til slutt sende han honom og til brukarane;
«Dei hev no vel age for son min!» tenkte han. 7 Men
brukarane sagde seg imillom: «Der er ervingen! Kom,
lat oss slå honom i hel, so fær me arven!» 8 So tok
dei honom og slo honom i hel og kasta honom ut
or vingarden. 9 Kva skal han no gjera, han som eig
vinhagen? Han skal koma og gjera ende på brukarane
og lata andre få vingarden. 10 Hev de'kje lese dette
skriftordet heller: «Den steinen byggjarane vanda, Den
var det som vart hyrnestein; 11 D'er Herren sjølv som
so hev gjort det; For oss er det eit under stort?»» 12
Då vilde dei ha gripe honom, for dei skyna at det var
deim han hadde meint med likningi si. Men dei torde
ikkje for folket. So let dei honom vera og gjekk sin veg.
13 Sidan sende dei nokre av farisæarane og Herodes-
mennerne, som skulde fanga honom i ord. 14 Dei kom
og sagde til honom: «Meister, me veit du er ærleg og
ikkje bryr deg um nokon; for du gjer ikkje skil på folk,
men lærer oss sanningi um Guds veg - er det rett å
svara skatt til keisaren, eller ikkje? Skal me gjera det,
eller skal me lata vera? 15 Men skyna vel hyklingi deira
og sagde: «Kvi freistar de meg? Kom med ei sylvmynt,
og lat meg få sjå henne!» 16 So kom dei med ei, og
han spurde: «Kva er dette for eit bilæte og namn?»
«Det er keisarens, » svara dei. 17 Då sagde han til
deim: Gjev keisaren det som keisarens er, og Gud det
som Guds er!» Og dei undrast mykje yver honom. 18
So kom det nokre sadducæarar til honom - det er dei
som segjer at det ikkje er noko uppstoda - dei tok til å
spyrja honom og sagde: 19 «Meister, Moses hev skrive
den lovi for oss at når bror åt ein mann døyr barnlaus,
og kona liver etter, då skal broren taka enkja og halda
uppe ætti åt bror sin. 20 No var det var ein gong sju
brør. Den fyrste tok seg ei kona; han døydde, og det
var'kje born etter honom. 21 So tok den andre enkja;
han og døydde barnlaus. Like eins den tridje, 22 og
alle sju; ingen av deim hadde born etter seg. Sist av
alle døydde kona. 23 Kven av deim skal ho vera kona
åt i eit anna liv, når dei hev stade upp att? For alle sju
hev havt henne til kona.» 24 «Syner'kje dette at de fer
vilt, og ikkje kjenner skrifterne og ikkje Guds magt?»
svara Jesus. 25 «Når dei hev stade upp frå dei daude,
gifter dei seg ikkje, og vert ikkje burtgifte; dei er som
englarne i himmelen. 26 Men um dei avlidne - at dei
skal standa upp att - hev de'kje lese i boki åt Moses, i
soga um klungeren, korleis Gud sagde til honom: «Eg
er Abrahams Gud og Isaks Gud og Jakobs Gud?»
27 Og han er ikkje Gud for dei daude, men for dei
livande. De tek storleg i mist.» 28 Ein skriftlærd, som
lydde på ordskiftet deira, og skyna at Jesus hadde
svara deim godt, kom og spurde honom: «Kva for eit
bod er det fyrste av alle?» 29 Jesus svara: «Det fyrste
er: «Høyr, Israel! Herren vår Gud, Herren er ein. 30
Og du skal elska Herren, din Gud, av alt ditt hjarta
og av all din hug og av alt ditt vit og av all di magt!
Det er det fyrste bodet.» 31 Det andre er dette: Du
skal elska grannen din som deg sjølv! Det finst ikkje
noko anna bod som er større enn desse.» 32 «Vel
tala du, meister, » sagde den skriftlærde, «og sant er

det som du sagde, at han er ein og det finst ingen
annan Gud enn han. 33 Å elska honom av alt sitt hjarta
og av alt sitt vit og av all si magt, og elska grannen
sin som seg sjølv, det er meir enn alle brennoffer og
slagtoffer.» 34 Då Jesus høyrde kor visleg han svara,
sagde han til honom: «Du er ikkje langt frå Guds rike.»
Sidan torde ingen spyrja honom meir. 35 Medan Jesus
lærde folket i heilagdomen, tok han ein gong soleis til
ords: «Korleis kann dei skriftlærde segja at Messias er
Davids son? 36 Sjølv sagde David - han fekk det frå
den Heilage Ande -: «Herren sa til herren min: «Sit
ved høgre handi mi, Til eg dine fiendar Fær for dine
føter lagt!»» 37 David kallar honom sjølv herre; korleis
kann han då vera son hans?» Ålmugen høyrde gjerne
på Jesus. 38 Millom anna som han lærde deim, sagde
han: «Tak dykk i vare for dei skriftlærde, som likar å
ganga i lange kjolar, og vil helsast på torgi 39 og hava
dei fremste sessarne i synagogorne og høgste sæti
i gjestebod; 40 dei som et upp huset for enkjor og
held lange bøner for syns skuld. Dei skal få so mykje
strengare dom.» 41 Ein gong sette han seg midt imot
tempelkista, og såg på med folk lagde pengar i kista;
og mange rike lagde mykje. 42 So kom det ei fatig
enkja og lagde tvo skjervar, det er so mykje som ein
øyre. 43 Då kalla han læresveinarne til seg og sagde:
«Det segjer eg dykk for sant: Denne fatige enkja hev
lagt meir enn alle dei som lagde i kista. 44 For dei gav
alle av nøgdi si; men ho gav av si fatige råd alt det ho
åtte, alt ho hadde til å livberga seg med.»

**13** Då han gjekk ut or templet, sagde ein av
læresveinarne til honom: «Meister, sjå for steinar
og for bygningar!» 2 «Ja, ser du desse store
bygningarne!» svara Jesus. «Her ligg ikkje stein på
stein som ikkje skal rivast laus.» 3 Sidan, då han sat
på Oljeberget midt imot templet, og det ikkje var nokon
innmed, kom Peter og Jakob og Johannes og Andreas
og spurde honom: 4 «Seg oss: Når skal dette henda,
og kva er teiknet me fær når alt dette er åt og skal
koma?» 5 Då tok Jesus soleis til ords: «Sjå dykk fyre,
so ingen forvillar dykk! 6 Mange skal taka mitt namn
og segja: «Det er eg!» og føra mange på avveg. 7
Men når de høyrer um ufred og tidend um ufred, so
vert ikkje rædde! Dette lyt henda; men enden kjem
ikkje endå. 8 Folk skal reisa seg imot folk, og rike mot
rike; det skal vera jordskjelv kring i landi, det skal vera
uår og upprør. Det er det fyrste av føderiderne. 9 Men
sjå dykk fyre! Dei kjem til å draga dykk for domstolarne
og piska dykk i synagogorne, og for landshovdingar og
kongar skal de førast fram for mi skuld, so de kann
vitna for deim. 10 Og fyrst lyt evangeliet berast ut til
alle folkeslag. 11 Men når dei fører dykk burt og gjev
dykk yver til retten, so syt ikkje for kva de skal tala! Det
som vert gjeve dykk i same stundi, det skal de tala; for
det er ikkje de som talar, men den Heilage Ande. 12
Bror skal senda bror i dauden, og faren barnet sitt, og
born skal standa fram mot foreldri sine, og valda at dei
lyt døy. 13 Og alle skal hata dykk for mitt namn skuld;
men den som held ut til endes, han skal verta frelst. 14
Men når de ser at den øydande styggedomen stend
der han ikkje skulde» - agte vel på dette, du som les! -
«då lyt dei som er i Judaland røma til fjells; 15 den som
er uppå taket, må ikkje stiga ned, og ikkje ganga inn og
henta noko i huset sitt, 16 og den som er utpå marki,
må ikkje ganga heim etter kjolen sin! 17 Stakkars deim
som gjeng med barn eller gjev brjost i dei dagarne! 18
Men bed at dette ikkje må henda um vinteren! 19 For
den tidi skal vera so hard at det aldri hev vore so hard
ei tid frå upphavet åt skaparverket som Gud hev gjort,
og til no, og vert ikkje sidan heller. 20 Og gjorde'kje
Herren den tidi stutt, so vart'kje eit liv berga; men for
deira skuld som han valde seg ut, hev han gjort den
tidi stutt. 21 Um nokon då segjer med dykk: «Sjå her
er Messias - Sjå der!» so må de ikkje tru det! 22 For
falske Messias'ar skal standa fram, og falske profetar,
og gjera teikn og under for å forvilla dei utvalde, um det
er råd. 23 So sjå dykk fyre! Eg hev sagt dykk alt fyreåt.
24 Men i dei dagarne, etter denne harde tidi, skal soli
myrkjast, og månen missa sitt ljos; 25 stjernorne skal
falla ned frå himmelen, og himmelkrafterne skakast.
26 Då skal dei sjå Menneskjesonen koma i skyi med
stort velde og herlegdom, 27 og då skal han senda ut
englarne, og samla dei utvalde frå heimsens fire hyrno,
frå ytste enden av jordi til ytste enden av himmelen.
28 Lær ei likning av fiketreet: Når sevja hev kome i
greinerne, og lauvet sprett, då veit de at sumaren er
nær. 29 Like eins når de ser dette hender, då veit de
at han er utfor døri. 30 Det segjer eg dykk for visst:
Denne ætti skal ikkje forgangast fyrr alt dette hev
hendt. 31 Himmel og jord skal forgangast; men mine
ord skal ikkje forgangast. 32 Men den dagen og timen
veit ingen, ikkje englarne i himmelen, og ikkje Sonen -
ingen utan Faderen. 33 Sjå dykk fyre, og vak! For de
veit ikkje når tidi kjem. 34 Det er liksom med ein mann
som drog utanlands. Då han for heimantil, sette han
sveinarne sine til å styra for seg. Kvar fekk sitt å gjera,
og til portnaren sagde han at han laut vaka. 35 So vak
då! For de veit'kje når husbonden kjem - um kvelden,
eller midnattsbil, eller i otta, eller i dagrenningi. 36 Lat
honom ikkje finna dykk sovande, um han skulde koma
uventande på dykk! 37 Men det eg segjer dykk, det
segjer eg alle: Ver vakne!»

**14** No var det berre tvo dagar att til påske- og
søtebrødhelgi. Og dei øvste prestarne og dei
skriftlærde leita etter ei råd til å gripa Jesus med list og

slå honom i hel. 2 «For på høgtidi torer me ikkje gjera
det, » sagde dei; «elles kunde det verta upplaup blant
folket!» 3 Med Jesus var i Betania, hjå Spilte-Simon,
og sat til bords, kom det inn ei kvinna med ei alabaster-
krukka full av egte, dyr nardesalve. Ho braut sund
krukka og helte salven ut yver hovudet hans. 4 Då var
det nokre som vart harme og sagde seg imillom: «Kva
skulde den salve-øydingi vera til? 5 Salven kunde vore
seld for yver femti dalar og gjeven til dei fatige.» Og
dei tala kvast til henne. 6 Då sagde Jesus: «Lat henne
vera i fred! Kvi er de so leide med henne? Det var
vænt gjort det ho gjorde med meg. 7 Dei fatige hev de
alltid hjå dykk, og når de vil, kann de gjera vel imot
deim; men meg hev de ikkje alltid. 8 Ho gjorde det ho
kunde; med denne salven budde ho likamen min fyre
jordferdi. 9 Og det segjer eg dykk for visst: Kvar i verdi
evangeliet vert kunngjort, der skal dei og nemna det
ho hev gjort, til minne um henne.» 10 Judas Iskariot,
den eine av dei tolv, gjekk til dei øvste prestarne og
baud seg til å gjeva Jesus i henderne deira. 11 Då dei
høyrde det, vart dei glade, og lova dei skulde gjeva
honom pengar, og sidan lurde han korleis han med
tid og høve skulde få gjeve Jesus yver til deim. 12
Den fyrste dagen i søtebrødhelgi - då påskelambet
vart slagta - sagde læresveinarne med Jesus: «Kvar
vil du me skal ganga av og laga til påskemålet for
deg?» 13 Då sende han tvo av læresveinarne i veg, og
sagde til deim: «Gakk inn i byen! Der møter de ein
mann som ber ei krukka med vatn; honom skal de
fylgja, 14 og der han gjeng inn, skal de segja med
husbonden: «Meisteren helsar: Kvar er romet mitt, der
eg kann eta påskemålet med læresveinarne mine?»
15 Då syner han dykk ein stor sal, som stend ferdig
med duka bord; der skal de stella til måltidi for oss.»
16 So gjekk læresveinarne av stad, og då dei kom inn
i byen, fann dei det so som han hadde sagt, og dei
laga til påskelambet. 17 Då det leid mot kvelden, kom
Jesus med dei tolv, 18 og då dei hadde sett seg til
bords, sagde han: «Det segjer eg dykk for sant: Ein
av dykk kjem til å svika meg, ein som et i lag med
meg.» 19 Då tok dei til å stura, og spurde honom, ein
for ein: «Det er vel'kje eg?» 20 «Det er ein av dykk
tolv, svara han, «den som duppar med meg i fatet. 21
Menneskjesonen gjeng fulla burt, soleis som det er
skrive um honom, men ve yver den mannen som veld
at Menneskjesonen vert gjeven i fiendehand! Best for
den mannen um han aldri var fødd!» 22 Med dei sat til
bords, tok han brødet, signa det og braut det, og gav
deim og sagde: «Tak det! Dette er likamen min.» 23 So
tok han ein kalk, takka og gav deim, og dei drakk alle
av kalken. 24 Og han sagde med deim: Dette er blodet
mitt, paktblodet, som renn for mange. 25 Det segjer eg
dykk for sant: Eg skal ikkje oftare drikka av druvesafti,
fyrr den dagen kjem då eg drikk henne ny i Guds
rike.» 26 Då dei hadde sunge lovsongen, gjekk dei ut
til Oljeberget. 27 Og Jesus sagde: «De kjem alle til å
styggjast ved meg. For det stend skrive: «Hyrdingen
slær eg i hel, og sauern' skal spreidast ikring.» 28 Men
når eg hev stade upp att, skal eg ganga fyre dykk til
Galilæa.» 29 Då sagde Peter: «Um so alle styggjest,
so skal ikkje eg.» 30 «Det segjer eg deg for sant, »
svara Jesus: «No i denne natt, fyrr hanen hev gale tvo
gonger, skal du avneitta meg tri gonger.» 31 Men han
tok endå sterkare i og sagde: «Um eg so lyt døy med
deg, skal eg ikkje avneitta deg!» Det same sagde dei
alle. 32 So kom dei til ein stad som heiter Getsemane.
Då segjer han til læresveinarne sine: «Sit her med
eg bed!» 33 Og han tok med seg Peter og Jakob og
Johannes, og tok til å ottast og kvida seg. 34 Og han
sagde til deim: «Hjarta mitt er so fullt av sorg - det er
som det vilde bresta. Ver her og vak!» 35 So gjekk
han eit lite stykke fram og kasta seg ned på jordi, og
bad at denne stundi måtte skrida framum honom, um
det var råd. 36 «Abba» - Fader - sagde han, «alt er
mogelegt for deg; tak denne skåli frå meg! Men ikkje
som eg vil, berre som du vil!» 37 Då han kom attende,
såg han at dei hadde sovna. Då sagde han til Peter:
«Simon, søv du? Var du'kje god til å vaka ein time?
38 Vak og bed, so de ikkje skal koma i freisting! Åndi
er viljug, men kjøtet er veikt.» 39 So gjekk han burt
att og bad den same bøni. 40 Då han kom attende,
såg han at dei hadde sovna til att, for augo deira var
tunge av svevn. Og dei visste ikkje kva dei skulde
svara honom. 41 So kom han tridje gongen, og sagde
til deim: «De søv og kviler, de! Det er nok! Timen er
komen. No skal Menneskjesonen gjevast i henderne
på syndarar. 42 Statt upp og lat oss ganga! Svikaren
er'kje langt undan!» 43 Og straks - fyrr han hadde tala
ut, kjem Judas, ein av dei tolv, og med honom ein flokk
med sverd og stavar; dei kom frå dei øvste prestarne
og dei skriftlærde og styresmennerne. 44 Svikaren
hadde avtala eit teikn med deim og sagt: «Den som
eg kysser, han er det: tak honom, og før honom trygt
burt!» 45 Og med det same han kom, gjekk han fram
til honom og sagde: «Rabbi!» og kysste honom. 46
Då lagde dei hand på honom og tok honom. 47 Men
ein av deim som stod innmed, drog sverdet sitt og
hogg øyra av tenaren åt øvstepresten. 48 Og Jesus
tok til ords og sagde: «De kjem med sverd og stavar
og tek meg, som eg skulde vera ein røvar. 49 Dag
etter dag var eg hjå dykk i templet og lærde folket; då
tok de meg ikkje. Men soleis laut skrifterne sannast.»
50 Då tok dei alle ut ifrå honom og rømde. 51 Ein
ung mann fylgde etter honom, og hadde sveipt eit

linklæde kring berre kroppen; dei vilde taka honom,
52 men han slepte linklædet og rømde naken. 53 Dei
førde Jesus til øvstepresten, og der samla dei seg
alle dei øvste prestarne og styresmennerne og dei
skriftlærde. 54 Peter fylgde eit langt stykke etter, til han
kom inn i garden åt øvstepresten; der vart han sitjande
hjå tenarane og vermde seg ved elden. 55 Dei øvste
prestarne og heile det Høge Rådet leita etter vitnemål
mot Jesus, so dei kunde få dømt honom frå livet; men
dei fekk'kje noko på honom. 56 Det var mange som
vitna rangt imot honom, men vitnemåli høvde ikkje i
hop. 57 Då stod det fram nokre som og vitna rangt imot
honom og sagde: 58 «Me høyrde honom segja: «Eg
skal riva ned dette templet som er gjort med hender,
og på tri dagar skal eg byggja eit anna som ikkje er
gjort med hender.»» 59 Men endå høvde'kje vitnemåli
deira i hop. 60 Og øvstepresten reiste seg og steig
fram ibland deim og sagde til Jesus: «Svarar du inkje
på det som desse vitnar imot deg?» 61 Men Jesus
tagde og svara ikkje eit ord. Då tok øvstepresten til
ords att og spurde honom: «Er du Messias, son åt
den Høglova?» 62 «Ja, det er eg, » svara Jesus, «og
de skal sjå Menneskjesonen sitja ved høgre handi åt
Allmagti og koma med himmelskyerne.» 63 Då reiv
øvstepresten sund klædi sine og sagde: «Kva skal me
med fleire vitne? 64 No høyrde de gudsspottingi! Kva
tykkjer de?» Dei dømde alle at han var skuldig til å
døy. 65 Og sume tok til å sputta på honom, og lagde
eit plagg yver andlitet hans og slo honom med nevarne
og sagde: «Seg kven det var!» Og tenarane tok imot
honom med hogg. 66 Med Peter var nedi gardsromet,
kjem ei av tenestgjentorne hjå øvstepresten, 67 og då
ho såg Peter, som sat og vermde seg, stirde ho på
honom og sagde: «Du var og med denne nasaræaren,
Jesus!» 68 Men han neitta og sagde: «Eg veit ikkje
og skynar ikkje kva du talar um.» So gjekk han ut i
fyregarden. Då gol hanen. 69 Sidan fekk gjenta sjå
honom att, og tok til å segja med deim som stod
innmed: «Han der er ein av deim!» 70 Men han neitta
på nytt lag. Eit lite bel etter sagde dei som stod der på
nytt til Peter: «Ja menn er du ein av deim! Du er då ein
galilæar!» 71 Då tok han til å banna og sverja: «Eg
kjenner ikkje den mannen de talar um.» 72 Og i det
same gol hanen andre gongen. Då kom Peter i hug
det ordet som Jesus hadde sagt til honom: Fyrr hanen
hev gale tvo gonger, skal du avneitta meg tri gonger.
Og han tok det til hjarta og gret.

**15** Det tok alt til å dagast då dei øvste prestarne
med styresmennerne og dei skriftlærde - heile
den Høgste Retten - var ferdige med rådleggjingi si.
Då batt dei Jesus og førde honom burt og gav honom
yver til Pilatus. 2 Pilatus spurde honom: «Er du kongen
yver jødarne?» - «Det er dine ord, » svara Jesus. 3 Dei
øvste prestarne kom med mange klagemål mot honom.
4 Då spurde Pilatus honom att: «Svarar du ingen ting?
Høyr alt det dei klagar deg for!» 5 Men Jesus svara
ikkje eit ord meir, so Pilatus tok til å undrast. 6 Kvar
høgtid gav Pilatus deim ein fange fri, den som dei
sjølve bad um. 7 Og ein som heitte Barabbas sat då
fengsla i hop med nokre ufredsmenner; dei hadde gjort
eit upplaup og drepe nokon. 8 So kom folket upp og tok
til å beda um det som Pilatus var van med å gjera for
deim. 9 Då svara han deim: «Vil de eg skal gjeva dykk
jødekongen fri?» 10 for han skyna det var av ovund
dei øvste prestarne hadde gjeve Jesus yver til honom.
11 Men dei øvste prestarne fekk eggja upp folket, so
dei bad at han heller skulde gjeva deim Barabbas fri.
12 Då tok Pilatus til ords att og sagde: «Kva vil de
då eg skal gjera med honom som de kallar kongen
yver jødarne?» 13 Dei svara med å ropa: «Krossfest
honom!» 14 «Kva vondt hev han då gjort?» sagde
Pilatus. Men dei ropa berre endå sterkare: «Krossfest
honom!» 15 Pilatus vilde gjerne gjera folket til lags.
Han gav deim Barabbas fri, men Jesus let han piskast,
og gav honom yver til hermennerne sine, so dei skulde
krossfesta honom. 16 Hermennerne førde Jesus inn
i garden, i borgi, og kalla i hop heile vakti. 17 Dei
klædde honom i ei purpurkåpa, og sette på honom
ein klungerkrans som dei hadde fletta, 18 og tok til å
helsa honom: «Heil deg, jødekonge!» 19 So slo dei
honom i hovudet med ei røyr, og sputta på honom, og
lagde seg på kne og hyllte honom. 20 Då dei hadde
spotta honom som dei vilde, klædde dei av honom
purpurkåpa, og hadde på honom hans eigne klæde, og
so leidde dei honom ut og skulde krossfesta honom.
21 Då gjekk det ein mann framum, som kom frå marki;
det var Simon frå Kyrene, far åt Aleksander og Rufus;
honom nøydde dei til å bera krossen hans. 22 Dei førde
honom til den staden som heiter Golgata - det er det
same som Skallestaden -. 23 Der baud dei honom vin
med myrra i; men han vilde ikkje hava det. 24 So feste
dei honom til krossen. Klædi hans skifte dei millom
seg, og drog strå um kva kvar skulde hava. 25 Det var
i den tridje timen dei krossfeste honom. 26 På krossen
var det sett ei innskrift som nemnde skuldi hans; ho
lydde so: Kongen yver jødarne. 27 Saman med honom
krossfeste dei tvo røvarar, ein på hans høgre og ein
på hans vinstre sida; 28 og då sannast det skriftordet
som segjer: «Og han vart rekna millom brotsmenner.»
29 Dei som gjekk framum, hædde honom og riste på
hovudet og sagde: «Å, du som riv ned templet og
byggjer det upp att på tri dagar! 30 Hjelp deg no sjølv,
og stig ned av krossen!» 31 Sameleis spotta dei øvste
prestarne og, både dei og dei skriftlærde, og sagde

seg imillom: «Andre hev han hjelpt, seg sjølv kann han
ikkje hjelpa! 32 Lat no Messias, Israels konge, stiga
ned av krossen, so me kann sjå det og tru!» Dei som
var krossfeste med honom, gav seg og til å skjella
honom ut. 33 Då den sette timen var komen, vart det
myrkt yver heile landet, alt til den niande timen. 34 Og
i den niande timen ropa Jesus med høg røyst: «Elo'i,
Elo'i, lama sabaktani?» det er: «Min Gud, min Gud, kvi
hev du forlate meg?» 35 Nokre av deim som stod der
sagde, då dei høyrde det: «No ropar han på Elia!» 36
Då sprang det ein fram, duppa ein svamp i vineddik,
sette honom på ei tein og let Jesus få drikka og sagde:
«Venta! Lat oss sjå um Elia kjem og vil taka honom
ned!» 37 Og Jesus gav ifrå seg eit høgt rop, og andast.
38 Då rivna forhenget i templet midt i tvo, ovantil og
radt ned. 39 Og då hovudsmannen som stod der midt
framfyre honom, såg korleis han andast, sagde han:
«Den mannen var visst og sant Guds Son!» 40 Det var
og nokre kvinnor der, som stod eit stykke undan og
såg på. Millom deim var både Maria Magdalena, og
Maria mor åt Jakob den yngre og Joses, og Salome,
41 som alle hadde fylgt honom med han var i Galilæa,
og tent honom, og mange andre kvinnor, som hadde
vore med honom upp til Jerusalem. 42 Det var då
fyrebuingsdagen eller dagen fyre kviledagen, og då det
alt leid mot kvelden, 43 kom Josef frå Arimatæa, ein
gjæv rådsherre, som og venta på Guds rike; han våga
seg til å ganga inn til Pilatus og beda um likamen åt
Jesus. 44 Pilatus undrast på um han alt var slokna; 45
han kalla hovudsmannen til seg, og spurde um Jesus
nyst var slokna, og då han hadde fenge vissa um det
av hovudsmannen, let han Josef få liket. 46 So kjøpte
Josef linty og tok honom ned, sveipte honom i lintyet
og lagde honom i ei grav som var hoggi ut i berget, og
so velte han ein stein attfor gravopningi. 47 Og Maria
Magdalena og Joses-Maria såg staden der han vart
lagd.

**16** Då kviledagen var ende, kjøpte Maria Magdalena
og Jakobs-Maria og Salome angande kryddor;
for dei vilde ganga av stad og salva honom. 2 Ovtidleg
den fyrste dagen i vika - det var so vidt soli hadde
runne - kom dei til gravi. 3 Då sagde dei seg imillom:
«Kven skal me få til å velta steinen frå gravopningi?» 4
Men då dei såg upp, vart dei vare at steinen var fråvelt,
og han var ovstor. 5 Då dei kom inn i gravi, såg dei ein
ung mann, som sat på høgre sida, klædd i ein lang kvit
kjole. Dei vart forfærde; 6 men han sagde: «Ver ikkje
forfærde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, han som
vart krossfest! Han hev stade upp att; han er ikkje her.
Sjå her er staden der dei lagde honom. 7 Men gakk
no av stad og seg med læresveinarne hans og med
Peter at han gjeng fyre dykk til Galilæa; der skal de sjå
honom, som han hev sagt dykk.» 8 Då gjekk dei ut att
og rømde frå gravi; for fælska hadde teke deim, so dei
skalv og var mest ifrå seg. Og dei tala'kje eit ord til
nokon, so rædde var dei. 9 **(note: The most reliable and
earliest manuscripts do not include Mark 16:9-20.)** Då Jesus
hadde stade upp att, tidleg den fyrste dagen i vika,
synte han seg fyrst for Maria Magdalena, som han
hadde drive sju vonde ånder utor. 10 Ho gjekk av stad
og sagde det til deim som hadde vore med honom, og
som no syrgde og gret. 11 Men då dei fekk høyra at
han livde, og at ho hadde set honom, vilde dei ikkje
tru det. 12 Sidan synte han seg i ein annan skapnad
for tvo av dei, som gjekk etter vegen og skulde ut på
landet. 13 Dei og kom og sagde det med dei andre,
men dei trudde ikkje deim heller. 14 Seinare synte
han seg for dei elleve sjølve, med dei sat til bords; og
han lasta deim for vantrui og tråskapen deira, at dei
ikkje trudde deim som hadde set honom etter han var
staden upp att. 15 Og han sagde til deim: «Gakk ut
i all verdi og kunngjer evangeliet for all skapningen!
16 Den som trur og vert døypt, skal verta frelst, men
den som ikkje trur, skal verta fordømd. 17 Og desse
teikni skal fylgja deim som trur: I mitt namn skal dei
driva ut vonde ånder; dei skal tala med nye tungor; 18
dei skal taka ormar i henderne, og um dei drikk noko
som det er gift i, so skal det ikkje skada deim; legg dei
henderne på sjuke, so skal dei få att helsa.» 19 Etter
Herren Jesus hadde tala til deim, vart han teken upp til
himmels og sette seg ved Guds høgre hand. 20 Og dei
gjekk ut og tala Guds ord alle stader, og Herren var
med deim og stadfeste ordet med dei teikni som fylgde
med.

# Lukas

**1** Det er alt mange som hev teke seg til å setja upp
ei fråsegn um dei hendingarne som hev gjenge fyre
seg hjå oss, **2** so som dei hev bore det fram dei som frå
fyrsten var augvitne og ærendsveinar åt ordet. **3** Difor
hev eg og sett meg fyre at eg vilde granska alt vel frå
grunnen og so skriva det upp åt deg, gjævaste Teofilus
- stykke for stykke, soleis som det heng saman, **4** so
du kann sjå kor truverdig ho er den soga som du hev
høyrt. **5** I den tidi då Herodes var konge i Jødeland,
var det ein prest som heitte Zakarja; han høyrde til
det prestelaget som hev namn etter Abia. Kona hans
var ætta frå Aron, og heitte Elisabet. **6** Båe var dei
rettferdige for Gud; dei fylgde alle Herrens bod og
fyresegner, og ingen kunde finna noko å lasta deim
for. **7** Men dei hadde ikkje born; for Elisabet var'kje
barnkjømd, og dei var båe fram i åri. **8** So var det ein
dag Zakarja gjorde prestetenesta for Gud; for turen var
komen til hans lag, **9** og då dei drog strå, som visi
er millom prestarne, fall det på honom å ganga inn
i Herrens tempel og bera fram røykofferet, **10** med
heile folkemengdi stod utanfor og bad i røykoffertimen.
**11** Då fekk han med ein gong sjå ein Herrens engel,
som stod på høgre sida åt røykofferaltaret. **12** Då
Zakarja såg engelen, stokk han, og det kom ein otte
yver honom. **13** Men engelen sagde til honom: «Ver
ikkje rædd, Zakarja! Gud hev høyrt bøni di; du og
Elisabet, kona di, skal få ein son, og du skal kalla
honom Johannes. **14** Då vert du både glad og fegen,
og mange skal gleda seg av di han er fødd. **15** For han
skal vera stor i Herrens augo; han skal ikkje drikka vin
eller sterke drykkjer, og alt ifrå morsliv skal han fyllast
av den Heilage Ande. **16** Mange av Israels-sønerne
skal han venda um til Herren, deira Gud, **17** og sjølv
skal han ganga fyre honom i Elias ånd og kraft, og
venda hjarto åt federne um til borni, og dei ulyduge til
den hug som bur i rettferdige menner, so han kann
vinna Herren eit vel fyrebutt folk.» **18** «Korleis kann
eg vita um dette er sant?» sagde Zakarja til engelen;
«eg er då ein gamall mann, og kona mi er og fram i
åri.» **19** Då svara engelen: «Eg er Gabriel, som stend
for Guds åsyn. Eg er send hit og skal tala med deg
og bera dette gledebodet til deg. **20** Og no skal du
ljota tegja, og ikkje kunna tala, alt til den dagen dette
hender, for di du ikkje trudde meg; men det eg hev
sagt, skal sannast når tidi er komi.» **21** Medan stod
folket og venta på Zakarja, og undra seg yver at han
drygde so lenge i templet. **22** Men då han kom ut, og
ikkje kunde tala med deim, skyna dei at han hadde
set ei syn i templet; sjølv nikka han og gjorde teikn
til deim, men var og vart mållaus, **23** og då tidi for
tempeltenesta hans var ute, for han heim att. **24** Eit
bil etter hende det at Elisabet, kona hans, vart med
barn. Då heldt ho seg heime i fem månader, og sagde:
**25** «Soleis hev Herren laga det for meg då tidi var
komi at han i nåde vilde taka burt skammi mi millom
folk.» **26** Då det leid på sette månaden, vart engelen
Gabriel send frå Gud til ein by i Galilæa som dei kallar
Nasaret, **27** åt ei møy som var trulova med ein mann
som heitte Josef, av Davids-ætti, og møyi heitte Maria.
**28** Då engelen kom inn til henne, sagde han: «Guds
fred, du som hev fenge slik nåde! Herren er med
deg! Velsigna er du millom kvinnor!» **29** Ved desse
ordi stokk ho, og tenkte med seg: «Kva er dette for
ei helsing?» **30** Men engelen sagde til henne: «Ver
ikkje rædd, Maria! Du hev funne nåde hjå Gud! **31** Du
skal verta med barn og få ein son, og kalla honom
Jesus. **32** Han skal vera stor og kallast son åt den
Høgste, og Herren Gud skal gjeva honom kongsstolen
åt David, ættfaren hans; **33** han skal vera konge yver
Jakobs-ætti i all æva, og det skal ikkje vera ende på
kongedømet hans.» **(aiōn g165)** **34** «Korleis skal det
ganga til, når eg ikkje hev mann?» sagde Maria. **35**
«Den Heilage Ande skal koma yver deg, og krafti åt
Den Høgste skal skyggja yver deg, » svara engelen;
«difor skal og det heilage som vert født, kallast Guds
Son. **36** Og høyr: Elisabet, som er skyld deg, skal og
hava ein son på sine gamle dagar; dei sagde ho var
ikkje barnkjømd, men no er ho alt i sette månaden;
**37** for ingen ting er umogeleg for Gud.» **38** Då sagde
Maria: «Her stend eg - eg er Herrens tenestkvinna! Lat
det ganga meg som du hev sagt!» So for engelen burt
att. **39** Straks etter tok Maria av stad, og for so fort ho
kunde upp i fjellbygderne, til ein by i Judaland; **40** der
gjekk ho inn i huset åt Zakarja og helsa på Elisabet. **41**
Då hende det at med same Elisabet høyrde helsingi
hennar Maria, hoppa fostret i livet hennar; og ho vart
fyllt av den Heilage Ande, **42** og kvad med høg røyst:
«Velsigna vere du i kvendeflokk, velsigna det du under
beltet ber! **43** Kvi skal det timast meg so store ting
at mor åt Herren min kjem hit til meg? **44** For då di
helsing nådde øyra mitt, då hoppa fostret i mitt liv av
frygd. **45** Ja, sæl er ho som leit på Herrens ord, at det
han hadde lova, laut gå fram!» **46** Og Maria svara: «Mi
sjæl høglovar Herren, **47** mitt hjarta gleder seg i Gud,
min frelsar! **48** Han tenkte på si ringe tenestkvinna! For
ifrå denne stund skal alle ætter kalla meg for sæl. **49**
Stort er det han for meg hev gjort den Megtige, og
heilagt er hans namn; **50** frå ætt til ætt hans miskunn
når mot deim som ottast honom. **51** Velduge verk so
gjer hans sterke arm; storlåtne spreider han for ver og
vind med deira høgferds-hug; **52** han støyter hovdingar
frå høgsæte og lyfter låge upp; **53** Hungrige mettar

han med gode gåvor, og rikingar rek han tomhendte
burt. **54** Han sytte vel for Israel, sin svein; til evig tid
han minnast vil - **55** So var hans ord til federn' våre
- si miskunn mot Abraham og hans ætt.» **(aiōn g165)**
**56** Maria vart verande hjå henne um lag tri månader;
sidan for ho heim att. **57** So kom tidi at Elisabet skulde
eiga barn, og ho åtte ein son. **58** Og då grannarne og
skyldfolket høyrde kor stor ein nåde Herren hadde vist
henne, vart dei glade og ynskte henne til lukka. **59**
Åtte dagar etter kom dei og skulde umskjera guten;
men då dei vilde kalla honom Zakarja etter faren, **60**
tok mor hans til ords og sagde: «Nei, han skal heita
Johannes!» **61** «Det er ingen i ætti som heiter so, »
svara dei, **62** og dei gjorde teikn til faren, kva han vilde
guten skulde kallast. **63** Då bad han um ei tavla og
skreiv: «Johannes er namnet hans!» Alle undra seg;
**64** men i det same fekk han att mål og mæle, og han
tala og prisa Gud. **65** Då kom der ein otte på alle dei
som budde der ikring; i heile Judaheidi vart alt dette
mykje umtala, **66** og kvar den som høyrde det, tok det
til minnes og sagde: «Kva tru den guten er etla til?»
For Herren heldt si hand yver honom. **67** Men Zakarja,
far hans, vart fyllt av den Heilage Ande, og han tala
profetord og kvad: **68** «Velsigna vere Herren, Israels
eigen Gud! Til lyden sin han lydde, og løyste deim or
band; **69** ei frelsarmagt vekt' han oss upp, ei veldug,
uti Davids ætt, som var hans trugne svein - **70** Som
han frå fordom gjenom Heilag profetmunn sagde: **(aiōn
g165)** **71** Frå fiendarne frelsa, frå kvar ei hatarhand! **72**
Han vil federn' våre vel, og kom i hug den heilage og
støde pakti si, **73** den eid han hadde svore vår ættfar,
Abraham. **74** Han vilde ut oss fria or fiendsmagt og
fiendsvald, so me han utan rædsl' og rygd, **75** i rettferd
og med heilag hug kann tena all vår tid. **76** Du og, min
son, skal kallast Allhøge Guds profet, skal fyre Herren
fara, og rydja vel hans veg, **77** og læra lyden hans å
sjå frelsa, dei finna skal når han all deira synd forlet.
**78** For miskunnsam av hjarta er han, vår gode Gud, ei
stjerna let han skina for oss frå himmelhøgd, **79** Lysa
for deim som sit i myrkr og daudsens skodd, og styra
inn på velferds-veg vår fot.» **80** Og guten voks og vart
sterk i åndi; han heldt seg i øydemarkerne til tidi kom
då han skulde førast fram for Israel.

**2** I dei dagarne let keisar Augustus lysa ut at det
skulde takast manntal yver heile verdi. **2** Dette
var fyrste gongen dei tok manntal med Kvirinius var
landshovding i Syria. **3** Då for alle heim, kvar til sin
eigen by, og skulde skriva seg i manntalet. **4** Josef og
for frå Galilæa, frå den byen som heiter Nasaret, upp til
Judæa, til Davidsbyen, den som dei kallar Betlehem -
for han høyrde til Davids hus og ætt - **5** og vilde skriva
seg der. Maria, festarmøyi hans, var med honom; ho
gjekk då med barn, **6** og med dei var der, bar det so
til at tidi hennar kom, **7** og ho åtte den fyrste sonen
sin; ho sveipte honom og lagde honom i ei krubba, for
det var ikkje rom åt dei i herbyrget. **8** Det var nokre
hyrdingar der i bygdi som låg ute og vakta buskapen
sin um natti. **9** Best det var, stod ein engel frå Herren
innmed deim, og Herrens herlegdom lyste kringum
deim. Då vart dei fælande rædde; **10** men engelen
sagde til deim: «Ver ikkje rædde! Eg kjem med bod til
dykk um ei stor gleda som skal timast alt folket: **11** I
dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er
Kristus, Herren! **12** Og det skal de hava til merke: de
skal finna eit lite barn som er sveipt og ligg i ei krubba.»
**13** Og brått var det ein stor her av himmelånder med
engelen; dei lova Gud og kvad: **14** «Ära vere Gud i det
høgste, og fred på jordi, og hugnad med menneskje!»
**15** Då englarne hadde fare burt att og upp til himmelen,
sagde hyrdingarne seg imillom: «Lat oss no ganga
radt til Betlehem og sjå dette som hev hendt, og som
Herren hev vitra oss um!» **16** So skunda dei seg dit,
og fann Maria og Josef, og det vesle barnet som låg i
krubba. **17** Og då dei hadde set det, fortalde dei alt
som hadde vorte sagt deim um dette barnet. **18** Alle
som høyrde på hyrdingarne, undra seg yver det dei
fortalde; **19** men Maria gøymde alle desse ordi i hjarta,
og gruna på deim. **20** Og hyrdingarne for heim att, og
lova og prisa Gud for alt det dei hadde høyrt og set,
og som høvde so vel med det som var sagt deim. **21**
Då åtte dagar var lidne, og han skulde umskjerast,
kalla dei honom Jesus; det var det namnet engelen
hadde nemnt, fyrr han var komen i morsliv. **22** So snart
reinsingstidi som er fyreskrivi i Moselovi, var til endes
for deim, tok dei honom med seg upp til Jerusalem;
dei vilde te honom fram for Herren **23** - soleis som det
stend skrive i Herrens lov: «Alt mannkyn som kjem
fyrst frå morsliv, skal kallast heilagt åt Herren» - **24** og
vilde bera fram offer, etter det som er sagt i Herrens
lov: «eit par turtelduvor eller tvo duveungar.» **25** I
Jerusalem var det då ein mann som heitte Simeon,
ein rettferdig og gudleg mann, som venta på Israels
trøyst; den Heilage Ande var yver honom, **26** og hadde
vitra honom um at han ikkje skulde fara or verdi, fyrr
han hadde set Herrens Messias. **27** No kom han til
templet - det var Anden som dreiv honom - og då
foreldri kom berande inn med Jesus-barnet, og vilde
fara med det som visi var etter lovi, **28** tok han det
og på armarne, og lova Gud og sagde: **29** «Herre,
no gjev du din tenar heimlov, som ordet ditt lydde, og
let han fara i fred! **30** For no fekk auga mitt skoda di
frelsa, **31** som du hev skipa til for åsyni åt alle folk, **32**
eit ljos som for heidningarn' lyser, ein herlegdom og ei
æra for Israel, folket ditt eige.» **33** Far hans og mor

hans undra seg yver det som vart sagt um honom.
34 Og Simeon velsigna deim og sagde til Maria, mor
hans: «Dette barnet er sett til fall og uppreising for
mange i Israel og til eit motsegjingsteikn; 35 men deg
og skal sverdet stinga gjenom hjarta; då kjem det upp
kva tankar mange gøymde i hugen.» 36 Det var og
ei profetkvinna der, Anna Fanuelsdotter av Assers-
ætti. Ho var langt ut i åri; etter ho vart gift, hadde ho
butt i hop med mannen sin i sju år, 37 og sidan sete
enkja i heile fire og åtteti år. Ho kom aldri frå templet,
og tente Gud i bøn og fasta natt og dag. 38 I denne
stundi gjekk ho fram og takka og prisa Gud, og tala um
barnet til alle som venta på frelsa for Jerusalem. 39
Då dei hadde gjort alt som er fyreskrive i Herrens lov,
for dei attende til heimstaden sin, Nasaret i Galilæa.
40 Og barnet voks, og vart sterkt og fullt av visdom,
og Guds nåde var yver honom. 41 År um anna for
foreldri hans til Jerusalem i påskehelgi. 42 Då han var
tolv år, drog dei og dit upp, som skikk og bruk var på
høgtidi; 43 men då dei hadde vore der høgtidsdagarne
til endes, og skulde taka på heimvegen, vart Jesus-
barnet att i Jerusalem, og foreldri hans gådde det
ikkje. 44 Dei tenkte han var med i ferdafylgjet, og for ei
dagsleid fram, og leita etter honom millom skyldfolk og
kjenningar. 45 Som dei no ikkje fann honom, for dei
attende til Jerusalem, og leita etter honom der; 46 og
då tri dagar var lidne, fann dei honom i templet; der sat
han midt ibland lærarane og lydde på deim og spurde
deim, 47 og alle som høyrde på honom, var reint upp i
under kor vitug han var, og for svar han gav. 48 Då dei
fekk sjå honom, vart dei mest frå seg av undring, og
mor hans sagde: «Kvi for du soleis åt mot oss, barn?
Far din og eg hev leita so sårt etter deg!» 49 «Kvifor
leita de etter meg?» svara han; «visste de ikkje at eg
lyt vera i huset åt far min?» 50 Men dei skyna ikkje
kva han meinte med det ordet. 51 So fylgde han deim
heim til Nasaret, og var lydug mot deim. Men mor hans
gøymde alt dette i hjarta sitt. 52 Og Jesus gjekk fram i
visdom og vokster og velvilje hjå Gud og menneskje.

3 I det femtande styringsåret åt keisar Tiberius,
med Pontius Pilatus var landshovding i Judæa, og
Herodes fylkeskonge i Galilæa, og Filip, bror hans,
fylkeskonge i Ituræa- og Trakonitis-landet, og Lysanias
fylkeskonge i Abilene, 2 og med Annas og Kajafas
var øvsteprestar, kom Guds ord til Johannes, son åt
Zakarja, i øydemarki. 3 Då for han kring i heile Jordan-
kverven, og ropa ut umvendingsdåp til forlating for
synderne, 4 som skrive stend i spådomsboki åt Jesaja,
profeten: «Høyr han som ropar i heidi: «Rydje vegen
for Herren, jamne stigarne hans! 5 Kvart djuv skal
fyllast, kvart fjell skal lægjast, og kvar ein haug; beint
skal det verta det som krokut var, staupute vegen han
skal verta slett, 6 og kvart eit liv Guds frelsa skoda
skal.»» 7 Som no folket kom ut og vilde få honom til å
døypa seg, sagde han til deim: «Orme-ungar, kven
lærde dykk å røma frå vreiden som skal koma? 8 Ber
då frukter som høver med umvendingi, og gjev dykk
ikkje til å tenkja som so: «Me hev Abraham til far!»
for eg segjer dykk at Gud kann vekkja upp born åt
Abraham av desse steinarne. 9 Øksi ligg alt innmed
roti på treet; kvart tre som ikkje ber god frukt, vert
hogge ned og kasta på elden.» 10 «Kva skal me då
gjera?» spurde folket. 11 Han svara deim: «Den som
hev tvo trøyor, skal skifta med den som ingi hev, og
den som hev mat, skal gjera sameleis.» 12 Det kom
og nokre tollmenner som vilde døypast, og sagde:
«Meister, kva skal me gjera?» 13 «Krev ikkje meir
enn de er fyresagde!» svara han. 14 Like eins var det
nokre hermenner som spurde honom: «Kva skal då
me gjera?» Då svara han: «De skal ikkje plåga folk
eller truga pengar utav deim! De skal nøgja dykk med
løni dykkar!» 15 Men folket gjekk i venting, og alle
tenkte um Johannes: «Tru han er Messias?» 16 Då
tok han til ords og sagde til alle: «Eg døyper dykk
med vatn; men det kjem ein som er sterkare enn eg -
eg er ikkje verdig å løysa skobandet hans; han skal
døypa dykk med den Heilage Ande og eld. 17 Han hev
kasteskovli i handi, og skal gjera av låven sin, og samla
kornet i stabburet sitt; men agnerne skal han brenna i
ein eld som aldri sloknar.» 18 Dette og mykje anna
lagde han folket på hjarta, og kunngjorde evangeliet åt
deim. 19 Men då han tala til Herodes, fylkeskongen,
for giftarmålet med Herodias, brorkona hans, og for alt
det vonde han hadde gjort, 20 so gjorde Herodes det
og attpå alt, at han sette Johannes i fengsel. 21 Då no
alt folket vart døypt, og Jesus og var døypt, då hende
det, med han bad, at himmelen opna seg, 22 og den
Heilage Ande dala ned yver honom i duveham, og det
kom ei røyst frå himmelen: «Du er son min, som eg
elskar; deg hev eg hugnad i.» 23 Jesus var um lag
tretti år då han stod fram, og var, etter som dei meinte,
son åt Josef, son åt Eli, 24 son åt Mattat, son åt Levi,
son åt Melki, son åt Jannai, son åt Josef, 25 son åt
Mattatias, son åt Amos, son åt Nahum, son åt Esli, son
åt Naggai, 26 son åt Ma'at, son åt Mattatias, son åt
Sime'i, son åt Josek, son åt Joda, 27 son åt Johanan,
son åt Resa, son åt Zerubbabel, son åt Salatiel, son
åt Neri, 28 son åt Melki, son åt Addi, son åt Kosam,
son åt Elmadam, son åt Er, 29 son åt Josva, son åt
Eliezer, son åt Jorim, son åt Mattat, son åt Levi, 30 son
åt Simeon, son åt Juda, son åt Josef, son åt Jonam,
son åt Eljakim, 31 son åt Melea, son åt Menna, son åt
Mattata, son åt Natan, son åt David, 32 son åt Isai, son

åt Obed, son åt Boaz, son åt Salmon, son åt Nahson,
33 son åt Amminadab, son åt Ram, son åt Hesron, son
åt Peres, son åt Juda, 34 son åt Jakob, son åt Isak,
son åt Abraham, son åt Tarah, son åt Nahor, 35 son åt
Serug, son åt Re'u, son åt Peleg, son åt Eber, son åt
Salah, 36 son åt Kenan, son åt Arpaksad, son åt Sem,
son åt Noah, son åt Lamek, 37 son åt Metusalah, son
åt Enok, son åt Jared, son åt Malalael, son åt Kenan,
38 son åt Enos, son åt Set, son åt Adam, Guds son.

4 Full av den Heilage Ande vende Jesus att ifrå
Jordan, og Anden dreiv honom kring i øydemarki 2
i fyrti dagar, alt med han vart freista av djevelen. I dei
dagarne åt han ingen ting, og då dei var lidne, kjende
han seg svolten. 3 Då sagde djevelen til honom: «Er
du Guds Son, so seg til denne steinen at han skal
verta brød.» 4 Jesus svara honom so: «Det stend
skrive: «Menneskja liver ikkje berre av brød, men av
kvart eit Guds ord.»» 5 So førde djevelen honom upp
på eit høgt fjell, og synte honom alle heimsens rike
i ein augneblink, 6 og sagde til honom: «Deg vil eg
gjeva magt yver alt dette og alt gjævt og gildt som
finst i desse riki; for det er lagt i mi hand, og eg gjev
det åt kven eg vil; 7 fell du no på kne og tilbed meg,
so skal det vera ditt alt saman.» 8 Men Jesus svara:
«Det stend skrive: «Herren, din Gud, skal du tilbeda;
honom og ingen annan skal du tena!»» 9 So førde
djevelen honom til Jerusalem, og sette honom ytst på
tempeltaket og sagde til honom: «Er du Guds son, so
kasta deg ned herifrå! 10 For det stend skrive: «Han
englarne sine bjoda skal at dei tek vare på deg vel, »
11 og: «På hender dei deg bera skal, so aldri du på
nokon stein skal turva støyta foten din.»» 12 Då svara
Jesus: «Det er sagt: «Du skal ikkje freista Herren, din
Gud.»» 13 Då djevelen soleis hadde freista honom
på alle vis, gjekk han ifrå honom, og let honom vera i
fred ei tid. 14 So for Jesus attende til Galilæa, fyllt av
den krafti som Anden gav honom, og ordet um honom
kom ut yver alle bygderne der ikring. 15 Han lærde i
synagogorne deira, og alle rosa honom. 16 Soleis kom
han og ein gong til Nasaret, der han var uppalen, og
gjekk inn i synagoga på kviledagen, som han var van
med; han reiste seg og vilde lesa åt deim, 17 og dei gav
honom boki åt profeten Jesaja. Då han slo henne upp,
fann han den staden der det stend: 18 «Ja, Herrens
Ånd er yver meg, for han hev salva meg te bera ut
eit fagnadbod åt fatige; sendt hev han meg te ropa
ut for fangar fridoms dag og lova blinde augneljoset
klårt, te løysa deim som trælka er, or tvang, 19 Te
lysa ut eit hugnads-år frå Herren.» 20 Då han hadde
late att boki og gjeve henne til tenaren, sette han seg,
og alle som i synagoga var, heldt augo sine feste
på honom. 21 So tok han til ords og byrja soleis: «I
dag hev dette skriftordet sannast, som de sjølve kann
høyra.» 22 Og alle let vel um honom, og undra seg
yver dei ovfagre ordi som kom frå hans munn. «Er'kje
dette son åt Josef?» sagde dei. 23 Då sagde han til
deim: «De vil visst segja med meg som det stend i
ordtøket: «Lækjar, læk deg sjølv! Me hev høyrt um alt
det som er gjort i Kapernaum - gjer no like eins her i
fødesheimen din!» 24 Men eg segjer dykk for sant, »
heldt han fram: «Ingen profet er velkomen i heimbygdi
si. 25 Og det segjer eg dykk med sannom: Det var
mange enkjor i Israel i Elias' dagar, då himmelen var
stengd i tri år og seks månader, so det vart stor svolt
og naud i heile landet, 26 og endå vart'kje Elias send til
nokor av deim, men berre til Sarepta i Sidonarlandet,
til ei enkja der. 27 Og det var mange spilte i Israel
den tid profeten Elisa livde, og endå vart ingen av
deim rein att, men berre Na'aman, syraren.» 28 Då
dei i synagoga høyrde det, vart dei alle brennande
harme. 29 Dei for upp og dreiv honom ut or byen og
førde honom burt på bruni av det fjellet som byen deira
var bygd på; der vilde dei støyta honom utyver. 30
Men han gjekk midt igjenom flokken og for sin veg. 31
So kom han ned til Kapernaum, ein by i Galilæa. Der
lærde han folket på kviledagen; 32 og dei var reint
tekne av det han lærde deim, for det var magt i talen
hans. 33 I synagoga var det ein mann som hadde
ei urein ånd i seg. Han sette i og ropa so høgt han
kunde: 34 «Hu! Kva vil du oss, Jesus frå Nasaret? Er
du komen for å gjera ende på oss? Eg veit kven du er -
den Heilage frå Gud!» 35 Jesus truga den vonde åndi
og sagde: «Teg still, og far ut or honom!» So kasta
åndi honom ned på jordi midt ibland deim og for ut or
honom, men skadde honom ikkje. 36 Då kom det ein
otte yver alle, og dei sagde seg imillom: «Kva er dette
for ord? Med mynd og magt talar han til dei ureine
ånderne, og dei fer ut!» 37 Og det gjekk gjetordet av
honom utyver alle bygderne der ikring. 38 So tok han
ut frå synagoga, og gjekk heim til Simon. Vermor åt
Simon låg sjuk og hadde sterke hiteflagor, og dei bad
han vilde hjelpa henne. 39 Han gjekk innåt, og stod
uppyver henne og truga sotti; då slepte sotti henne, og
straks reis ho upp og stelte for deim. 40 Då soli gladde,
kom alle til honom med sine sjuke, kva sjukdom dei so
drogst med, og han lagde henderne på kvar ein av
deim og lækte deim. 41 Mange for det og vonde ånder
utor, og dei hua og ropa: «Du er Guds son!» Men han
truga deim og gav deim ikkje lov til å tala, av di dei
visste han var Messias. 42 Då det vart dag, drog han
ut og for til ein øydestad. Folket leita etter honom, og
då dei kom dit han var, freista dei å halda honom att,
so han ikkje skulde ganga frå deim. 43 Då sagde han

til deim: «Eg lyt bera ut fagnadbodet um Guds rike til
dei andre byarne og; for det vart eg send for.» 44 Og
han heldt ved og tala ordet i synagogorne i Galilæa.

5 Ein gong stod han nedmed Gennesaretsjøen, og
folket trengde seg um honom og lydde på Guds
ord; 2 då vart han var tvo båtar som låg ved strandi;
fiskarane hadde gjenge utor deim og stod og skylde
garni sine. 3 Han steig ut i ein av båtarne, som høyrde
Simon til, og bad honom leggja eit lite stykke frå land;
so sette han seg og lærde folket frå båten. 4 Då han
hadde halde upp å tala, sagde han til Simon: «Legg ut
på djupet og set ut garni dykkar, so de kann få fisk!»
5 «Meister, me hev stræva i heile natt og ingen ting
fenge, » svara Simon; «men på ditt ord vil eg setja ut
garni.» 6 So gjorde dei det, og då stengde dei slik ein
brote med fisk at garni heldt på og skulde rivna. 7 Då
vitta dei til lagsmennerne sine i hin båten, at dei skulde
koma og taka i med deim, og då dei kom, fyllte dei båe
båtarne, so det var nære på dei sokk. 8 Då Simon
Peter såg det, kasta han seg ned for Jesu føter og
sagde: «Gakk burt frå meg, Herre! Eg er ein syndug
mann.» 9 For det kom ein støkk på honom og alle deim
som var med honom, for skuld all fisken dei hadde
sanka; 10 og like eins var det med Jakob og Johannes,
sønerne åt Sebedæus, som var lagsbrørne åt Simon.
Men Jesus sagde til Simon: «Ver ikkje rædd! Heretter
skal du fanga menneskje.» 11 So rodde dei båtarne til
lands og gjekk ifrå alt og fylgde honom. 12 Ein gong
som han var i ein av byarne, var det der ein mann som
var full av spillsykja; med same han såg Jesus, kasta
han seg å gruve og bad: «Herre, dersom du vil, kann
du gjera meg rein!» 13 Jesus rette ut handi og tok
burtpå honom og sagde: «Eg vil; ver rein!» Og med
ein gong gjekk spillsykja av honom. 14 Jesus sagde
til honom at han ikkje måtte segja det med nokon:
«Men gakk og te deg for presten, og ber fram offer for
reinsingi di, etter det som Moses hev sagt, so du kann
vitna for deim.» 15 Men ordet um honom for berre
so mykje vidare utyver, og folk kom i flokk og fylgje
og vilde høyra på honom og lækjast for sjukdomarne
sine. 16 Sjølv heldt han seg avsides i øydemarkerne
og bad. 17 Ein dag heldt han på og lærde folket, og
der sat det farisæarar og lovlærarar, som var komne
frå kvar grend i Galilæa og Judæa og frå Jerusalem,
og Herrens kraft var yver honom og gav honom magt
til å lækja. 18 Då kom nokre menner berande med ein
som låg i ei seng og var lam; dei vilde bera honom inn
og setja honom ned framfyre Jesus, 19 men såg seg
ingi råd til å koma inn med honom for folkestimen. So
gjekk dei upp på taket og fira honom med sengi ned
millom taksteinarne, midt framfyre Jesus. 20 Då Jesus
såg trui deira, sagde han: «Synderne dine er tilgjevne,
mann!» 21 Då tok dei skriftlærde og farisæarane til
å tenkja med seg: «Kva er dette for ein, som talar
spottarord mot Gud? Kven kann tilgjeva synder utan
ein - Gud?» 22 Men Jesus skyna kva dei tenkte; han
tok til ords og sagde til deim: «Kva er det for tankar de
hyser i hjarta? 23 Kva er lettast: å segja: «Synderne
dine er tilgjevne!» eller å segja: «Statt upp og gakk!»
24 Men so de skal vita at Menneskjesonen hev magt til
å tilgjeva synder på jordi, so segjer eg deg» - sagde
han til den lame -: «Statt upp, tak sengi di og gakk
heim!» 25 Og med ein gong stod han upp, midt for
augo deira, tok lega si og gjekk heim att, alt med han
lova Gud. 26 Då vart dei alle so tekne at dei var reint
frå seg; dei lova Gud og vart fulle av otte og sagde: «I
dag hev me set utrulege ting.» 27 So gjekk han ut att.
Då fekk han sjå ein tollmann som heitte Levi; han sat
på tollbudi. Jesus sagde til honom: «Fylg meg!» 28 Då
let han alle ting vera og stod upp og fylgde Jesus. 29
Levi gjorde eit stort gjestebod for honom i huset sitt;
der var det ein heil flokk med tollmenner og andre,
som sat til bords med deim. 30 Og farisæarane og dei
skriftlærde som fylgdest med deim, murra og sagde til
læresveinarne hans: «Kvifor et og drikk de i lag med
tollmenner og syndarar?» 31 Då tok Jesus til ords og
sagde til deim: «Dei friske treng ikkje lækjar, men det
gjer dei som sjuke er. 32 Eg er ikkje komen for å kalla
rettferdige, men syndarar til umvending.» 33 So sagde
dei til honom: «Læresveinarne åt Johannes fastar tidt
og ofte og held bøn, og det same gjer læresveinarne
åt farisæarane, men dine læresveinar et og drikk!» 34
Jesus svara: «Kann de få brudlaupsfolket til å fasta
med dei hev brudgomen hjå seg? 35 Men det kjem
ei tid då brudgomen vert teken ifrå deim; når den tidi
kjem, då skal dei fasta.» 36 Han sagde deim og ei
likning: «Ingen riv eit stykke av ein ny kjole og hev
det til bot på ein gamall; for då riv han ikkje berre den
nye kjolen sund, men boti som han tok av den nye
kjolen, høver ikkje på den gamle. 37 Og ingen hev ny
vin på gamle lerflaskor; for då sprengjer den nye vinen
flaskorne, og vinen renn ut, og flaskorne forferst. 38 Ny
vin lyt ein hava på nye lerflaskor. 39 Og ingen som hev
drukke gamall vin, hev hug på ny vin. «Den gamle er
best!» segjer han.»

6 Den næstfyrste kviledagen bar det so til at han
gjekk gjenom ein åker, og læresveinarne hans reiv
av aks og gnudde deim millom henderne og åt. 2 Då
sagde nokre av farisæarane: «Kvi gjer de slikt som
ingen hev lov til å gjera på kviledagen?» 3 Men Jesus
tok til ords og sagde til deim: «Hev de då'kje lese kva
David gjorde då han og mennerne hans var svoltne? 4
korleis han gjekk inn i Guds hus og tok skodebrødi
og åt, og gav mennerne sine! Og dei brødi hev ingen

lov til å eta utan berre prestarne.» **5** So sagde han til
deim: «Menneskjesonen råder yver kviledagen og.» **6**
Ein annan kviledag bar det so til at han gjekk inn i
synagoga og lærde. Der var det ein mann som den
høgre handi hans var nomi, **7** og dei skriftlærde og
farisæarane gjætte på honom, um han vilde lækja på
kviledagen, so dei kunde finna noko å klaga honom
for. **8** Men han kjende tankarne deira, og sagde til
mannen som hadde den nomne handi: «Reis deg upp,
og kom fram!» Då reiste han seg upp og gjekk fram, **9**
og Jesus sagde til deim: «Eg spør dykk: Er det rett å
gjera godt på kviledagen eller å gjera vondt, berga liv
eller øyda liv?» **10** So såg han rundt ikring på deim
alle og sagde til mannen: «Rett fram handi di!» Han so
gjorde, og handi hans vart god att. **11** Men dei vart so
vonde at dei var reint frå vitet, og tala med kvarandre
um kva dei skulde gjera med Jesus. **12** I dei dagarne
hende det, at han gjekk upp i fjellet og vilde beda,
og han var der heile natti i bøn til Gud. **13** Då det
vart dag, kalla han til seg læresveinarne sine og valde
ut tolv; deim kalla han apostlar. **14** Det var Simon -
honom kalla han og Peter - og Andreas, bror hans,
og Jakob, og Johannes, og Filip, og Bartolomæus,
**15** og Mattæus, og Tomas, og Jakob, son åt Alfæus,
og Simon, som dei kalla Zelotes, **16** og Judas, son åt
Jakob, og Judas Iskariot, han som vart svikar. **17** So
gjekk han nedyver i lag med deim, og vart standande
på ei sletta. Der var ein heil flokk av læresveinarne
hans, og ei stor mengd med folk frå heile Jødeland og
Jerusalem og frå sjøbygderne ved Tyrus og Sidon,
**18** som var komne for å høyra på honom og lækjast
for sjukdomarne sine. Då vart dei gode att dei som
var plåga av ureine ånder; **19** og alt folket freista å
koma nær honom, for det gjekk ei kraft ut ifrå honom
og lækte alle. **20** Då lyfte han upp augo og såg på
læresveinarne sine og sagde: «Sæle de som fatige er!
Guds rike er dykkar! **21** Sæle de som no svelt! De skal
mettast! Sæle de som no græt! De skal koma til å læ!
**22** Sæle er de når folk hatar dykk, og når dei stengjer
dykk ute og spottar dykk, og bannlyser namnet dykkar
som noko vondt for Menneskjesonen skuld. **23** Den
dagen må de gleda dykk, ja, de må hoppa av gleda;
stor er løni som ventar dykk i himmelen; for på same
vis for federne deira åt mot profetarne. **24** Men ve
yver dykk, de som rike er! De hev alt fenge hugnaden
dykkar! **25** Ve yver dykk, de som no er mette! De skal
koma til å svelta! Ve yver dykk som no lær! De skal
syrgja og gråta! **26** Ve, når alle folk talar vel um dykk!
For på same vis for federne deira åt med dei falske
profetarne. **27** Men åt dykk segjer eg, de som høyrer:
«Elska fiendarne dykkar! Gjer vel mot deim som hatar
dykk! **28** Velsigna deim som bannar dykk! Bed for deim
som talar ille um dykk! **29** Slær nokon deg på den eine
kinni, so bjod den andre og fram! Tek nokon kjolen din
frå deg, so neitta honom ikkje trøya heller! **30** Gjev
kvar som bed deg, og tek nokon det som ditt er, so
krev det ikkje att! **31** Gjer mot anna folk som de vil at
dei skal gjera mot dykk! **32** Um de elskar deim som
elskar dykk, kva er det å takka dykk for? syndarane
elskar då og deim som deim elskar. **33** Og um de
gjer vel mot deim som gjer vel mot dykk, kva er det
å takka dykk for? so gjer syndarane og. **34** Og um
de låner til deim som de ventar å få att av, kva er det
å takka dykk for? syndarane låner og til syndarar på
den måten at dei skal få like mykje att. **35** Nei, elska
fiendarne dykkar, gjer vel og lån burt, og venta ikkje
å få noko att! Då skal løni de fær vera stor, og de
skal vera borni åt den Høgste; for han er god mot
dei utakksame og vonde. **36** Ver miskunnsame, som
Far dykkar er! **37** Døm ikkje, so skal de ikkje dømast!
Fordøm ingen, so skal ingen fordøma dykk! Tilgjev, so
skal de få tilgjeving! **38** Gjev, so skal dei gjeva dykk! Eit
godt, stappa, sikka og yverfullt mål skal dei gjeva dykk
i fanget. For det målet de mæler med, skal dei mæla
att åt dykk med.»» **39** Han sagde deim og ei likning:
«Kann ein blind leida ein blind? kjem dei'kje båe til å
falla i grefti? **40** Læresveinen er ikkje yver meisteren;
men er han heilt utlært, so vert han lik meisteren sin.
**41** Kvi ser du flisi i auga åt bror din, men bjelken i ditt
eige auga vert du ikkje var? **42** Korleis kann du segja
med bror din: «Bror, lat meg taka ut flisi som sit i auga
ditt!» du som ikkje ser bjelken i ditt eige auga? Hyklar!
Tak fyrst bjelken ut or ditt auga, då kann du sjå å taka
flisi ut or auga åt bror din. **43** For det finst ikkje noko
godt tre som ber låk frukt, ikkje heller noko låkt tre
som ber god frukt; **44** for treet kjenner me på den frukti
det ber; ingen kann sanka fikor av tistlar eller plukka
druvor av klunger. **45** Ein god mann ber fram berre
godt av det gode han gøymer i hjarta sitt, og ein vond
mann ber fram berre vondt av det vonde han gøymer
på. For frå munnen hans kjem det som hjarta er fullt
av. **46** Men kvi kallar de meg «Herre, Herre, » og gjer
ikkje det som eg segjer? **47** Eg skal syna dykk kven
han er lik, den som kjem til meg og høyrer ordi mine,
og gjer etter deim: **48** han er lik ein mann som vilde
byggja seg eit hus, og som grov djupt i tufti og lagde
grunnsteinarne på berget. Då det so kom ein flaum, og
straumen braut imot huset, vann han ikkje å rikka det,
av di det var godt bygt. **49** Men den som høyrer, og
ikkje gjer etter det han høyrer, han er lik ein mann som
bygde seg eit hus på berre marki, forutan grunnsteinar.
Då so straumen braut imot huset, datt det i hop med
ein gong, og det vart eit stort fall då det huset datt.»

**7** So tala Jesus, og folket lydde på honom; då han
hadde tala til endes, gjekk han inn i Kapernaum.
**2** Ein hovudsmann hadde ein dreng som låg so sjuk
at det leid åt med honom, og den drengen heldt han
svært gjæv. **3** Han hadde høyrt um Jesus, og no sende
han nokre av rådsmennerne åt jødarne til honom, og
bad at vilde koma og berga livet åt drengen. **4** Då dei
kom til Jesus, bad dei honom so mykje at han skulde
gjera det. «Han er verd at du gjer dette for honom, »
sagde dei; **5** «for han elskar folket vårt, og det er han
som hev bygt synagoga åt oss.» **6** Jesus gjekk med
deim; men då han ikkje hadde langt att til huset, sende
hovudsmannen nokre vener til honom med det bodet:
«Herre, du skal'kje umaka deg! Eg er for ring til at du
skulde stiga inn under taket mitt; **7** difor heldt eg meg
heller ikkje verdig til å koma til deg. Men seg eit ord, so
guten min vert god att! **8** For eg er og ein mann som
må lyda deim som større er, og sjølv hev eg hersveinar
under meg, og segjer eg til ein av deim: «Gakk!» so
gjeng han, og til ein annan: «Kom!» so kjem han, og
til tenaren min: «Gjer det!» so gjer han det.» **9** Då
Jesus høyrde det, undra han seg yver mannen; han
snudde seg, og sagde til folket som fylgde honom:
«Det segjer eg dykk: Ikkje ein gong i Israel hev eg
funne so stor ei tru.» **10** Då dei som hovudsmannen
hadde sendt, kom attende til huset hans, fekk dei sjå
at drengen var god att. **11** Snart etter bar det so til at
Jesus for til ein by som heiter Nain, og læresveinarne
hans og ein stor folkehop var med honom. **12** Då han
kom nær innåt byporten, såg han at liket av ein ung
mann vart bore ut; det var einaste sonen åt ei enkja;
og mykje folk frå byen var med henne. **13** Då Herren
vart var enkja, tykte han hjarteleg synd um henne
og sagde til henne: «Gråt ikkje!» **14** Han gjekk innåt
og tok i båri, og dei som bar, stana. So sagde han:
«Unge mann, eg segjer deg: Statt upp!» **15** Og med
ein gong reiste den daude seg upp og tok til å tala,
og han gav honom åt mori. **16** Då vart alle tekne av
otte; dei lova Gud og sagde: «Ein stor profet hev stade
fram millom oss!» og: «Gud hev vitja sitt folk!» **17** Og
det ordet um honom kom ut yver heile Jødeland og
bygderne ikring. **18** Alt dette fekk Johannes bod um
av læresveinarne sine. Då kalla han tvo av deim til
seg, **19** og sende deim til Herren med dei ordi: «Er du
den som skal koma, eller lyt me venta ein annan?» **20**
Då mennerne kom til Jesus, sagde dei: «Johannes,
døyparen, sender oss til deg og spør: «Er du den som
skal koma, eller lyt me venta ein annan?»» **21** I same
bilet lækte han mange for sjukdomar og plågor og
vonde ånder, og mange blinde gav han syni; **22** so
svara han deim: «Gakk og ber bod til Johannes um det
de hev set og høyrt: Blinde fær att syni si, halte gjeng
ikring, spilte vert reine, dauve høyrer, daude stend upp
att, og fatige fær høyra fagnadbodet; **23** og sæl er den
som ikkje styggjest ved meg!» **24** Då ærendsveinarne
åt Johannes var gjengne, tok Jesus til å tala til folket
um Johannes: «Kvi gjekk de ut i øydemarki? Vilde de
sjå på ei røyr som svagar att og fram i vinden? **25**
Kvi gjekk de då der ut? Vilde de sjå ein mann som er
klædd i fine klæde? Nei, dei som er gildt klædde og
liver sine dagar i ovlivnad, dei held til i kongeslotti. **26**
Men kvi gjekk de då der ut? Vilde de sjå ein profet?
Ja, segjer eg dykk, og det ein som er meir enn profet.
**27** Det er um honom det er skrive: «Framfyre deg min
ærendsvein eg sender; der du vil fara, skal han vegen
rydja.» **28** Eg segjer dykk: Det finst ingen større profet
millom menneskjeborni enn Johannes; og endå er den
minste i Guds rike større enn han. **29** Og alt folket
som høyrde honom, tollmennerne med, gav Gud rett
og tok imot dåpen åt Johannes; **30** men farisæarane
og dei lovkunnige gjorde Guds råd til inkjes for seg,
og tok ikkje imot dåpen hans. **31** Kven skal eg då
likna folki i denne mannsalderen med? kven er det dei
likjest? **32** Dei likjest borni som sit på torget og ropar til
kvarandre: «Me let i fløyta åt dykk, og de dansa ikkje;
me song eit syrgjekvæde, og de gret ikkje.» **33** For
Johannes døyparen er komen; han et ikkje brød og
drikk ikkje vin, og so segjer de: «Han er forgjord!» **34**
Menneskjesonen er komen; han et og drikk, og so
segjer de: «Sjå for ein etar og drikkar! Han er godvener
med tollmenner og syndarar!» **35** Men at visdomen
hev rett, det hev alle sveinarne hans sanna.» **36** Ein
av farisæarane bad honom eta hjå seg, og Jesus gjekk
heim til honom og sette seg til bords. **37** No var det der
i byen ei kvinna som hadde livt eit syndefullt liv; då
ho fekk vita at han sat til bords hjå farisæaren, kom
ho med ei alabaster-krukka full av myrrasalve **38** og
sette seg gråtande nedmed føterne hans; so tok ho til
å væta føterne hans med tårorne sine, og turka deim
med håret sitt; og ho kysste føterne hans og smurde
deim med myrrasalven. **39** Då farisæaren som hadde
bede honom til seg såg det, tenkte han med seg: «Var
denne mannen ein profet, so visste han kva det er for
ei kvinna som tek i honom, og kva slag menneskje ho
er, at ho er ei syndefull kvinna.» **40** Då tok Jesus til
ords og sagde til honom: «Simon, det er noko eg vil
segja deg!» - «Tala, meister!» sagde han. **41** «Det var
tvo som stod i skuld til ein utlånar; den eine var skuldig
hundrad dalar, den andre ti. **42** Men dei hadde ikkje
noko å greida for seg med, og so ettergav han deim
båe skuldi. Kven av deim vil no elska honom mest?»
**43** «Eg tenkjer, den som han ettergav mest, » svara
Simon. «Du dømde rett, » sagde Jesus. **44** So snudde
han seg mot kvinna og sagde til Simon: «Du ser denne

kvinna! Eg kom inn i ditt hus - du gav meg ikkje vatn til
føterne mine, men ho vætte føterne mine med tåror, og
turka deim med håret sitt; 45 du gav meg ingen kyss,
men ho hev halde ved og kysst føterne mine frå den
stund eg kom inn; 46 du salva ikkje hovudet mitt med
olje, men ho smurde føterne mine med myrrasalve. 47
For den skuld segjer eg deg: Tilgjevne er dei mange
synderne hennar; difor er det ho elskar so mykje; men
den som lite vert tilgjeve, elskar lite.» 48 So sagde han
til henne: «Tilgjevne er synderne dine!» 49 Dei som
sat med til bords, tok til å tenkja med seg: «Kven er
han, som jamvel tilgjev synder?» 50 Men han sagde til
kvinna: «Trui di hev frelst deg! Gakk heim, og liv sæl.»

**8** I den tidi som no fylgde på, for han kring i landet,
frå by til by og frå grend til grend, og tala for folket
og bar ut fagnadbodet um Gudsriket. Dei tolv var med
honom, 2 og like eins nokre kvinnor som hadde vorte
lækte for vonde ånder og sjukdomar; det var Maria,
Magdalena dei kalla, som sju djevlar hadde fare utor, 3
og Johanna, kona åt Kuzas, ein av futarne åt Herodes,
og Susanna, og mange andre, som var deim til hjelp
med det dei hadde. 4 Som det no samla seg mykje
folk, og dei kom til honom frå byarne rundt ikring, sagde
han i ei likning: 5 «Ein såmann gjekk ut og skulde så
sædet sitt. Og då han sådde, fall noko frammed vegen
og vart nedtrakka, og fuglarne i lufti åt det upp. 6 Sumt
fall på berg, og då det voks upp, skein det burt, av di
det ikkje hadde væta. 7 Sumt fall millom klunger, og
klungeren voks med og kjøvde det. 8 Sumt fall i god
jord, og då det voks upp, gav det grøda i hundrad foll.»
Som han sagde det, ropa han: «Høyr etter, kvar som
høyra kann!» 9 Læresveinarne spurde honom kva den
likningi skulde tyda. 10 Då sagde han: «De fer vita
løyndomarne i Guds rike, men dei andre fær høyra
deim i likningar, so um dei ser, skal dei'kje sjå, og um
dei høyrer, skal dei ikkje håtta. 11 Men likningi er so å
tyda: Sædet er Guds ord. 12 Dei frammed vegen er
dei som høyrer ordet; so kjem djevelen og tek det burt
or hjarta deira, so dei ikkje skal tru og verta frelste. 13
Dei på berget er dei som tek imot ordet med gleda når
dei høyrer det; men dei hev ikkje rot; dei trur for eit
bil, men i freistingsstundi fell dei frå. 14 Det som fall
millom klungeren, det er dei som høyrer det, men so
gjeng burt og vert kjøvde i suter og rikdom og verdsleg
lyst, so dei ikkje ber fullmogi grøda. 15 Men det i den
gode jordi, det er dei som høyrer ordet og gøymer det
i eit vænt og godt hjarta, og ber grøda i tolmod. 16
Ingen kveikjer eit ljos og gøymer det under eit kjer eller
set det under ei seng; alle set det i ein stake, so dei
som kjem inn, kann sjå ljosken. 17 For det finst ingen
ting som er løynt og ikkje ein gong vert berrsynt, og
ingen ting som er dult og ikkje ein gong vert kunnigt og
kjem fram i dagen. 18 Sjå då til korleis de høyrer! For
den som hev, han skal få, og den som ikkje hev, skal
missa endå det som han tykkjest hava.» 19 Mor hans
og brørne hans kom ein gong og vilde finna honom,
men kunde ikkje koma innåt honom for folkestimen. 20
Då fekk han det bodet: «Mor di og brørne dine stend
utanfor og vil sjå deg.» 21 Han svara: «Mor mi og
brørne mine, det er dei som høyrer Guds ord og gjer
etter det.» 22 Ein dag bar det so til at han steig ut
i ein båt. Læresveinarne var med, og han sagde til
deim: «Lat oss fara yver til hi sida av vatnet!» So lagde
dei utpå, 23 og med dei siglde, sovna han. Og det
for ein kvervelvind ned på vatnet, so båten gjekk full,
og dei var i fåre. 24 Då gjekk dei burt til honom og
vekte honom og sagde: «Meister, meister, me gjeng
under!» Jesus reis upp og aga vinden og bårorne, so
dei lagde seg, og det vart blikende stilt. 25 So sagde
han til deim: «Kvar er trui dykkar?» Men dei var fulle
av otte og undring, og sagde seg imillom: «Kven tru
han er, denne mannen som jamvel vindarne og vatnet
lyder når han talar til deim?» 26 So sigla dei fram til
Gerasenar-bygdi, som ligg midt imot Galilæa. 27 Då
han steig i land, kom ein mann frå byen imot honom.
Mannen var forgjord; det var vonde ånder i honom.
Han hadde ikkje på lenge havt klæde på seg, og bia
ikkje i hus, men heldt seg i gravholorne. 28 Då han
såg Jesus, sette han i og hua; so kasta han seg ned
for føterne hans og sagde med høg røyst: «Kva vil
du meg, Jesus, son åt den høgste Gud? Eg bed deg
at du ikkje vil pina meg!» 29 For Jesus sagde til den
ureine åndi at ho skulde fara ut or mannen; for ho
hadde gripe honom mange vendor - då batt dei honom
med lekkjor og fotjarn, og heldt vakt yver honom; men
han reiv sund bandi, og den vonde åndi dreiv honom
ut i øydemarkerne -. 30 «Kva er namnet ditt?» spurde
Jesus. «Legion, » svara han; for det hadde fare mange
ånder i honom, 31 og dei bad at han ikkje vilde lata
deim fara ned i avgrunnen. **(Abyssos g12)** 32 No var det
der ein stor flokk med svin som gjekk og beitte i fjellet;
so bad ånderne at han vilde gjeva deim lov til å fara
inn i svini, og det gav han deim lov til. 33 Då for dei ut
or mannen, og for i svini; og heile flokken sette utyver
stupet ned i vatnet og druknast. 34 Då gjætarane såg
kva som hende, rømde dei, og sagde frå um det i byen
og på gardarne. 35 Då gjekk folk ut og vilde sjå kva
som hendt var. Då dei so kom til Jesus, fekk dei sjå at
mannen som dei vonde ånderne hadde fare ut or, sat
klædd nedmed føterne hans, og var med sitt fulle vit.
Då vart dei forfærde; 36 og då dei som hadde set det,
fortalde korleis den forgjorde hadde vorte berga, 37
kom heile ålmugen frå bygderne der ikring, Gerasenar-
bygderne, og bad at han vilde fara burt ifrå deim; for

dei var so tekne av otte. So gjekk han i båten og for
attende. 38 Mannen som ånderne hadde fare ut or,
bad um han måtte vera hjå honom; men Jesus sende
honom frå seg og sagde: 39 «Gakk heim att, og fortel
kor mykje Gud hev gjort for deg.» So gjekk mannen og
tala kring i heile byen um alt det Jesus hadde gjort for
honom. 40 Då Jesus kom att, bad folket honom vera
velkomen; for alle venta på honom. 41 Best det var,
kom det ein mann som heitte Jairus, og var forstandar
for synagoga; han kasta seg ned for Jesu føter og bad
honom koma heim til seg; 42 for han hadde ei dotter
som var um lag tolv år; ho var einaste barnet hans, og
no låg ho og drogst med dauden. Som no Jesus gjekk
i veg, trengde folket seg um honom på alle kanter. 43
Millom deim var det ei kvinna som hadde havt blodflod
i tolv år; ho hadde øydt heile midelen sin på lækjarar,
men ingen hadde vore god til å gjera henne frisk; 44
ho gjekk innåt honom attantil og tok i ein av duskarne
på kjolen hans, og med ein gong stana blodflodi. 45
«Kven var det som tok i meg?» spurde Jesus. Alle
neitta, og Peter og felagarne hans sagde: «Meister, det
er folket som trykkjer og trengjer deg!» 46 «Det var ein
som tok i meg, » sagde Jesus; «for eg kjende at det for
ei kraft ut ifrå meg.» 47 Då kvinna såg at det ikkje var
dult det ho hadde gjort, kom ho skjelvande og kasta
seg ned for honom og fortalde, so heile folket høyrde
det, kvifor ho hadde teke i honom, og korleis ho hadde
vorte god att med ein einaste gong. 48 Då sagde han
til henne: «Trui di hev hjelpt deg, dotter mi. Gakk heim,
og liv sæl!» 49 Fyrr han hadde tala ut, kjem det ein frå
heimen åt synagoge-forstandaren og segjer: «Dotter di
hev slokna. Umaka ikkje meisteren lenger!» 50 Då
Jesus høyrde det, tok han til ords og sagde til honom:
«Ottast ikkje! Berre tru, so skal ho verta berga!» 51 Då
han so kom til huset, let han ingen få ganga inn med
seg utan Peter og Johannes og Jakob og far og mor åt
barnet. 52 Alle gret og jamra yver henne; men han
sagde: «Gråt ikkje! Ho hev ikkje slokna; ho søv.» 53
Men dei berre log åt honom; for dei visste at ho var
slokna. 54 So tok han henne i handi og ropa: «Ris
upp, barn!» 55 Då kom åndi hennar att, og ho reis upp
med ein gong; og han sagde med deim at dei skulde
gjeva henne mat. 56 Foreldri hennar var reint frå seg
av gleda. Men han forbaud deim å tala til nokon um
det som var hendt.

**9** Jesus kalla i hop dei tolv, og gav deim magt og velde
yver alle vonde ånder, og til å lækja sjukdomar. 2
So sende han deim ut, so dei skulde forkynna Guds
rike og gjera sjuke gode att, 3 og han sagde til deim:
«Tak ingen ting med dykk på vegen, ikkje stav, ikkje
skreppa, ikkje brød, ikkje pengar! Ikkje heller skal de
hava tvo trøyor! 4 Når de kjem inn i eit hus, so ver der,
og flytt ikkje ifrå att, fyrr de fer lenger! 5 Men er det
nokon stad dei ikkje vil taka imot dykk, so far burt frå
den bygdi, og rist dusti av føterne dykkar! Det skal vera
eit vitnemål mot deim.» 6 So tok dei ut og for ikring frå
grend til grend og forkynte evangeliet, og lækte folk
kvar dei kom. 7 Herodes, fylkeskongen, fekk høyra um
alt det som hende; då visste han ikkje kva han skulde
tru; for sume sagde: «Johannes er vekt upp frå dei
daude!» 8 sume: «Elia hev synt seg!» andre: «Ein av
dei gamle profetarne hev stade upp att!» 9 «Johannes
hev eg hogge hovudet av, » sagde Herodes; «kva
er so dette for ein, som eg høyrer sovore um?» Og
han freista å få sjå honom. 10 Då apostlarne kom att,
fortalde dei Jesus alt dei hadde gjort. Då tok han deim
med seg burt til ein by som heiter Betsaida, og vilde
vera åleine med deim. 11 Men folket fekk vita det og
fylgde etter honom; og han tok vel imot deim og tala
til deim um Guds rike, og lækte deim som lækjedom
trong. 12 Då dagen tok til å halla, gjekk dei tolv fram til
honom og sagde: «Send folket frå deg, so dei kann
ganga til grenderne og gardarne her ikring og koma i
hus og få seg noko til å liva av! For her er me på ein
øydestad.» 13 «Gjev de deim mat!» svara han. «Me
hev'kje meir enn fem brødleivar og tvo fiskar, » sagde
dei; «eller skal me ganga'stad og kjøpa mat åt alt dette
folket?» 14 - det var um lag fem tusund mann. Då
sagde han til læresveinarne: «Lat deim setja seg ned i
bordlag på ikring femti mann!» 15 Dei so gjorde, og
let alle setja seg. 16 So tok han dei fem brødleivarne
og dei tvo fiskarne, og såg upp imot himmelen og
velsigna deim, og han braut deim i molar og gav det til
læresveinarne, so dei skulde setja det fram for folket.
17 So åt dei; og alle vart mette; og då det vart samla
upp det som vart att etter deim, var det tolv korger
fulle med molar. 18 Ein gong som han var åleine og
bad, og læresveinarne var med honom, spurde han
deim: «Kven segjer folk at eg er?» 19 «Johannes
døyparen, » svara dei; «men sume segjer: «Elia, » og
sume at ein av dei gamle profetarne hev stade upp
att.» 20 «Kven segjer då de at eg er?» spurde han.
Då tok Peter til ords og sagde: «Guds Messias!» 21
Men det forbaud han deim strengt å tala til nokon um.
22 Og han sagde: «Menneskjesonen lyt lida mykje;
styresmennerne og øvsteprestarne og dei skriftlærde
kjem til å vanda honom, og han lyt lata livet; men tridje
dagen skal han vekkjast upp att.» 23 So sagde han til
alle: «Vil nokon vera i lag med meg, so lyt han gløyma
seg sjølv og dag for dag taka krossen sin upp og fylgja
etter meg. 24 For den som vil berga livet sitt, skal
missa det; men den som misser livet for mi skuld, han
skal berga det. 25 Kva gagnar det ein mann, um han
vinn heile verdi, men øyder eller taper seg sjølv?» 26

«For den som skjemmest ved meg og ordi mine, han
skal Menneskjesonen skjemmast ved når han kjem i
herlegdomen som skin kring honom og Faderen og
dei heilage englarne. 27 Men det segjer eg dykk med
sannom: Det er sume av deim som her stend som
ikkje skal smaka dauden fyrr dei fær sjå Guds rike. 28
Um lag åtte dagar etter han hadde tala desse ordi,
hende det at han tok Peter og Johannes og Jakob
med seg og gjekk upp i fjellet og vilde beda. 29 Og
medan han bad, fekk andlitet hans ein annan dåm, og
klædnaden hans vart kvit og blenkte som ljonet. 30 Og
best det var, stod det tvo menner og tala med honom;
det var Moses og Elia; 31 dei synte seg i herlegdom,
og tala um hans burtgang, som han skulde fullføra
i Jerusalem. 32 Peter og felagarne hans var tunge
av svevn; men då dei vakna, såg dei herlegdomen
som lyste frå Jesus, og såg dei tvo mennerne som
stod innmed honom. 33 Då so dei skulde skiljast med
honom, sagde Peter til Jesus: «Meister, det er godt
me er her! Lat oss gjera tri hyttor, ei åt deg, og ei åt
Moses, og ei åt Elia!» - han visste ikkje kva han sagde.
34 Med han tala soleis, kom det ei sky og skygde yver
deim, og dei vart rædde då dei kom inn i skyi. 35 Då
kom det ei røyst utor skyi: «Dette er son min, han som
eg hev kåra meg ut! Honom skal de høyra på!» 36
Men då røysti kom, var det ingen å sjå utan Jesus. Dei
tagde med dette og tala ikkje den gongen til nokon
um noko av det dei hadde set. 37 Dagen etter, då dei
var komne ned av fjellet, kom ein stor folkehop imot
honom. 38 Best det var, ropa ein mann utor hopen:
«Meister, eg bed deg: Sjå til son min; han er einaste
barnet mitt! 39 Rett som det er, grip ei ånd honom, og
brått set han i og huar; og åndi slit honom til fraudi
stend kring munnen på honom; det er med naudi ho vil
sleppa guten, og då gjer ho mest ende på honom; 40
eg bad læresveinarne dine at dei vilde driva henne
ut; men dei kunde ikkje.» 41 Då tok Jesus til ords og
sagde: «Å, du vantrune og vrange ætt! Kor lenge skal
eg vera hjå dykk og tola dykk? Kom hit med son din!»
42 Fyrr guten kunde nå fram til Jesus, reiv åndi og sleit
i honom. Men Jesus truga den ureine åndi og gjorde
guten god att, og gav honom att åt faren. 43 Og alle
var tekne av age og undring yver Guds velde. 44 Med
alle var upp i under yver alt det han gjorde, sagde han
til læresveinarne sine: «Høyr vel etter desse ordi, og
legg deim på minne: Menneskjesonen skal gjevast
yver i menneskjehender!» 45 Men dei skyna ikkje det
ordet; det var dult for deim, so dei ikkje fekk tak på det,
og dei torde ikkje spyrja honom um det. 46 Det kom
ein tanke upp i deim um kven av deim som var størst.
47 Men Jesus visste kva tankar dei bar i hjarta; han
tok eit lite barn og sette innmed seg 48 og sagde til
deim: «Den som tek imot dette barnet for mitt namn
skuld, han tek imot meg, og den som tek imot meg, tek
imot den som sende meg. For den som er minst av
dykk alle, han er stor.» 49 Då tok Johannes til ords og
sagde: «Meister, me såg ein som dreiv ut vonde ånder
i ditt namn, og me forbaud honom det, for di han ikkje
er i fylgje med oss.» 50 «De skal ikkje forbjoda det, »
svara Jesus; «for den som ikkje er imot dykk, er med
dykk.» 51 Då det leid mot den tidi at han skulde takast
upp til Gud, vende han augo sine stødt mot Jerusalem;
for dit etla han seg. 52 Han sende bod fyre seg; men
då ærendsveinarne hans kom til ei samaritanar-grend
og skulde tinga hus åt honom, 53 vilde folket ikkje
taka imot honom, for di han var på veg til Jerusalem.
54 Då Jakob og Johannes, læresveinarne hans, såg
det, sagde dei: «Herre, vil du me skal segja at det
skal fara eld ned frå himmelen og øyda deim, soleis
som Elia gjorde?» 55 Då snudde han seg og tala
strengt til deim og sagde: «Veit det'kje kva ånd de er
av? 56 Menneskjesonen er ikkje komen for å øyda
menneskjeliv, men for å frelsa.» So gjekk dei til ei
onnor grend. 57 Med dei for etter vegen, var det ein
som sagde til honom: «Eg vil fylgja deg, kvar du so
fer!» 58 Jesus svara: Revarne hev hi, og fuglarne i lufti
hev reir, men Menneskjesonen hev ingen stad han
kann halla sitt hovud nedpå.» 59 Til ein annan sagde
han: «Fylg meg!» «Herre, » svara han, «lat meg fyrst
få ganga heim og jorda far min.» 60 «Lat dei daude
jorda sine daude, » sagde Jesus, «men gakk du i veg
og forkynn Guds rike!» 61 Det var ein annan og som
sagde: «Eg vil fylgja deg, Herre, men lat meg fyrst få
beda farvel med deim som heime er!» 62 Jesus svara:
«Ingen som hev lagt handi på plogen, og so ser attum
seg, høver for Guds rike.»

**10** Sidan tok Herren ut endå sytti læresveinar og
sende deim fyre seg, tvo og tvo til kvar by og
bygd som han sjølv skulde til. 2 Og han sagde til deim:
«Grøda er stor, men onnefolki er få. Bed då honom
som eig grøda at han vil senda ut arbeidsfolk til å
hausta inn grøda si! 3 Far no i veg! Eg sender dykk
liksom lamb inn i ulveflokken! 4 Ber ikkje med dykk
pung eller skreppa eller skor, og gjev dykk ikkje i svall
med nokon på vegen! 5 Kvar gong de kjem inn i eit
hus, so seg fyrst: «Fred vere med dette huset!» 6 Og
dersom det er nokon der som er verd fred, so skal
freden dykkar bia hjå honom: dersom ikkje, so skal
han venda att til dykk sjølve. 7 Gjev dykk til der i huset,
og et og drikk det dei byd dykk! For ein arbeidsmann
er verd løni si. Flytt ikkje frå hus til hus! 8 Kvar gong
de kjem til ein by, og dei tek imot dykk, so et det dei
set fram! 9 Læk dei sjuke der er, og seg til deim:
«Guds rike er kome nær dykk!» 10 Men når de kjem til

ein by der dei ikkje vil taka imot dykk, so gakk ut på
gatorne og seg: 11 «Jamvel dusti som vart hangande
ved føterne våre i byen dykkar, stryk me av oss; her
hev de henne att! Men det skal de vita, at Guds rike
er kome nær!» 12 Eg segjer dykk: På den siste dag
skal det ganga Sodoma likare enn den byen. 13 Ve
yver deg, Korasin! Ve yver deg, Betsaida! Hadde dei
underi som er gjorde i dykk vore gjorde i Tyrus og
Sidon, so hadde dei longe vendt um og sete i sekk og
oska. 14 Men det skal ganga Tyrus og Sidon likare
i domen enn dykk. 15 Og du, Kapernaum - skal du
kann henda lyftast upp til himmelen? nei, til helheimen
skal du støytast ned. (Hadēs g86) 16 Den som høyrer
på dykk, høyrer på meg, og den som vandar dykk,
vandar meg; men den som vandar meg, vandar den
som sende meg.» 17 Dei sytti kom glade attende og
sagde: «Herre, jamvel dei vonde ånderne lyder oss når
me nemner ditt namn.» 18 Då sagde han til deim: «Eg
såg Satan falla ned frå himmelen som eit ljon. 19 Kom
i hug: Eg hev gjeve dykk magt til å trøda på ormar
og skorpionar og yver alt fiendens velde; og ingen
ting skal gjera dykk den minste skade. 20 Men gled
dykk ikkje yver det at ånderne lyder dykk, gled dykk
heller for di namni dykkar er uppskrivne i himmelen!»
21 I same stundi sagde han, sæl i den Heilage Ande:
«Eg lovar deg, Fader, du som råder yver himmel og
jord, for di du hev dult dette for dei lærde og kloke,
og openberra det åt dei ulærde og barnslege! Ja,
Fader; for soleis tykte du det best. 22 Alt hev far min
gjeve i mine hender; og ingen veit kven Sonen er, utan
Faderen, og kven Faderen er, utan Sonen og dei som
Sonen vil openberra det åt.» 23 So vende han seg til
læresveinarne sine i ser og sagde: «Sæle dei augo
som ser det de ser! 24 For eg segjer dykk at mange
profetar og kongar var huga til å sjå det de ser, og
fekk ikkje sjå det, og høyra det de høyrer, og fekk ikkje
høyra det.» 25 Då gjekk det fram ein som var kunnig i
lovi; han vilde freista Jesus og sagde: «Meister, kva
skal eg gjera for å vinna eit æveleg liv?» (aiōnios g166)
26 «Kva stend det i lovi?» sagde Jesus; «korleis les
du?» 27 «Du skal elska Herren, din Gud, av alt ditt
hjarta og med all din hug og med all di magt og med
alt ditt vit, og elska grannen din som deg sjølv!» svara
han. 28 Då sagde Jesus til honom: «Du svara rett. Gjer
det, so skal du liva!» 29 Men han vilde orsaka seg og
sagde til Jesus: «Kven er då grannen min?» 30 Jesus
tok upp spursmålet og sagde: «Det var ein mann som
for frå Jerusalem ned til Jeriko, og fall i henderne på
røvarar. Dei klædde honom naken og skamslo honom;
so gjekk dei sin veg og let honom liggja der halvdaud.
31 Det høvde so til at ein prest for same vegen; han
såg mannen, men for radt framum. 32 Like eins ein
levit; han kom til same staden og såg honom, men for
radt framum. 33 Ein samaritan som var ute og ferdast,
kom og dit han låg, og såg honom og tykte synd um
honom. 34 Han gjekk burt til honom og fetla såri hans,
og helte olje og vin på, lyfte honom so upp på sitt eige
asen og førde honom til eit herbyrge, og sytte vel for
honom. 35 Andre morgonen tok han fram tvo mark og
gav til gjestgjevaren og sagde: «Syt vel for honom,
og det meir du legg ut, skal du få att av meg når eg
kjem attende.» 36 Kven av desse tri tykkjer no du for
åt som ein granne mot honom som fall i henderne på
røvarane!» 37 «Den som gjorde sælebot på honom,
» svara den lovkunnige. Då sagde Jesus til honom:
«Gakk du av og gjer like eins!» 38 Med dei var på
ferdavegen, kom han til ein liten by; der var det ei
kvinna som tok imot honom i huset sitt; namnet hennar
var Marta. 39 Ho hadde ei syster som heitte Maria, og
ho sette seg nedmed Herrens føter og lydde på ordi
hans. 40 Marta hadde det so annsamt med å stella til
mykje for honom, at ho ikkje hadde tankar for anna. Ho
gjekk fram og sagde: «Herre, bryr du deg ikkje um at
syster mi let meg vera åleine um å stella for deg? Seg
då med henne at ho skal hjelpa meg!» 41 Då svara
Herren: «Marta, Marta, du gjer deg hugsott og uro med
mange ting; 42 men det er eitt som trengst! Maria hev
valt seg den gode luten, og den skal ikkje takast ifrå
henne.»

**11** Ein gong var han ein stad og bad; då han heldt
upp, sagde ein av læresveinarne til honom:
«Herre, lær oss å beda! Det lærde Johannes og
sveinarne sine.» 2 Han svara: «Når de bed, skal de
segja: Fader vår, du som er i himmelen! Lat namnet
ditt helgast; lat riket ditt koma; lat viljen din råda på
jordi so som i himmelen; 3 gjev oss kvar dag vårt
daglege brød; 4 og forlat oss våre synder, for me og
forlet kvar den som er oss skuldig; og før oss ikkje ut i
freisting; men frels oss frå det vonde.» 5 So sagde
han til deim: «Um nokon av dykk hev ein ven, og gjeng
til han midt på natti og segjer: «Kjære, lån meg tri
brødleivar! 6 for ein ven hev kome innum meg på ei
ferd, og eg hev'kje noko å setja fram åt honom - 7
skulde so han der inne svara: «Gjer meg ikkje slikt bry!
Døri er longe stengd, og småborni mine er i seng med
meg; eg kann ikkje standa upp og gjeva deg det?»
8 Eg segjer dykk: Um han ikkje stend upp og gjev
honom det for di det er hans ven, so ris han upp og
gjev honom alt han treng for di han er so tråsøkjen. 9
Og eg segjer dykk: Bed, so skal de få! Leita, so skal
de finna! Banka på, so skal det verta upplate for dykk!
10 For kvar den som bed, han fær, og den som leitar,
han finn, og den som bankar på, vert det upplate for.
11 Finst det nokon far ibland dykk som vilde gjeva

son sin ein stein når han bad um brød, eller når han
bad um fisk, vilde gjeva honom ein orm i staden for
ein fisk, 12 eller når han bad um eit egg, vilde gjeva
honom ein skorpion? 13 Når då de som er vonde, veit
å gjeva borni dykkar gode gåvor, kor mykje meir vil
so'kje Faderen frå himmelen gjeva den Heilage Ande
åt deim som bed honom?» 14 Ein gong dreiv han ut
ei vond ånd, som var mållaus, og då åndi var utfari,
tala den mållause. Folket undra seg, 15 men sume av
deim sagde: Det er Be'elsebul, djevelhovdingen, som
hjelper honom til å driva ut djevlar.» 16 Andre vilde
freista honom, og bad honom syna deim eit teikn frå
himmelen. 17 Men Jesus visste kva dei hadde i tankar,
og sagde til deim: «Eit rike som ligg i strid med seg
sjølv, kjem snart til å øydast, og eitt hus dett yver hitt.
18 Er no Satan og komen i strid med seg sjølv, korleis
kann då riket hans standa? - sidan de segjer at det er
Be'elsebul som hjelper meg til å driva ut djevlar! 19
Og hjelper Be'elsebul meg til å driva ut djevlar, kven
fær då dykkar eigne folk hjelp av til å driva deim ut?
Difor skal dei vera domarane dykkar. 20 Men er det
med Guds finger eg driv djevlarne ut, so er då Guds
rike kome til dykk. 21 Når ei kjempa væpna vaktar sin
gard, fær han hava alt sitt i fred; 22 men kjem det ein
sterkare og vinn yver honom, so tek han våpni hans,
som han sette si lit til, og skifter ut alt han drog av
honom. 23 Den som ikkje er med meg, er imot meg,
og den som ikkje sankar med meg, han spreider. 24
Når den ureine åndi fer ut or eit menneskje, flakkar ho
gjenom vatslause vidder og leitar etter ein kvilestad,
og når ho ingen kvilestad finn, segjer ho: «Eg vil fara
attende til huset mitt, som eg flutte ifrå.» 25 Når ho so
kjem dit, finn ho huset feia og fjelga. 26 Då fer ho av
stad og tek med seg sju andre ånder, som er argare
enn ho er sjølv, og dei gjeng inn og vert buande der,
og hev det vore ille med det menneskjet fyrr, so vert
det endå verre sidan.» 27 Medan han tala soleis, var
det ei kvinna bland folket som sette i og ropa: «Sælt
det livet som bar deg, og det brjostet du saug!» 28 Då
sagde han: «Sæle er heller dei som høyrer Guds ord
og tek vare på det!» 29 Som no folket flokka seg kring
honom, tok han til ords og sagde: «Denne ætti er ei
vond ætt; dei krev etter teikn, men dei skal'kje få anna
teikn enn Jona-teiknet. 30 For liksom Jona vart eit teikn
for Nineve-folket, soleis skal og Menneskjesonen vera
det for denne ætti. 31 Sudlands-dronningi skal standa
fram for domen i hop med mennerne av denne ætti og
fordøma deim. For ho kom frå verdsens ende og vilde
høyra Salomos visdom, og her er meir enn Salomo.
32 Nineve-mennerne skal møta for domen i hop med
denne ætti og fordøma deim; for dei vende um då
Jona tala for deim, og her er meir enn Jona. 33 Den
som kveikjer eit ljos, set det ikkje i kjellaren eller under
skjeppa, men i staken, so dei som kjem inn, kann sjå
ljosken. 34 Ljoset i likamen, det er auga ditt; når ditt
auga er klårt, so er heile din likam og ljos; men er det
dimt, so er likamen og myrk. 35 Sjå då til at ikkje ljoset
inni deg er myrker! 36 Er so heile likamen ljos, og ingen
lut av honom myrk, då vert han upplyst all igjenom,
som når ljoset skin på deg med sine strålar.» 37 Då
han hadde tala ut, bad ein farisæar honom eta dagverd
hjå seg. So gjekk han inn der og sette seg til bords. 38
Men farisæaren vart forundra då han såg at han ikkje
tvo seg fyrst fyre målet. 39 Då sagde Herren til honom:
«Ja, de farisæarar, de reinskar skåler og fat utvendes,
men innvendes er de fulle av ran og vondskap. 40
Dårar! Han som gjorde det som er utvendes, gjorde
han'kje det som er innvendes og? 41 Men gjer ei
sælebotsgåva av det som inni er; då skal de sjå at
alt er reint for dykk! 42 Men ve yver dykk farisæarar!
De gjev tiend av mynta og ruta og allslags urter, men
legg ikkje vinn på rettferd og gudselsk! Det skulde ein
gjera og ikkje lata vera hitt heller. 43 Ve yver dykk
farisæarar! De trår etter å sitja fremst i synagogorne,
og vil at folk skal helsa dykk på torgi! 44 Ve yver dykk!
De er som ukjennelege graver, folk gjeng på deim og
veit ikkje av det!» 45 Då tok ein av dei lovkunnige til
ords og sagde: «Meister, når du segjer slikt, gjeng
du oss og for nær!» 46 Jesus svara: «Ve yver dykk
lovkunnige og! De lesser svære byrer på folk, og sjølve
rører de'kje byrderne med ein einaste finger. 47 Ve
yver dykk! De byggjer minnesmerke yver profetarne,
og det var federne dykkar som slo deim i hel. 48
So vitnar de då um det som federne dykkar gjorde,
og samtykkjer det; for dei slo profetarne i hel, og de
byggjer! 49 Difor sagde og Guds visdom: Eg vil senda
profetar og apostlar til deim, og sume av deim skal dei
slå i hel, og sume skal dei forfylgja, 50 so alt profetblod
som hev runne frå verdi vart grunnlagd, skal hemnast
på denne ætti, 51 frå Abels blod til Zakarjas' blod, han
som let livet millom altaret og gudshuset. Ja, segjer
eg dykk, det skal hemnast på denne ætti. 52 Ve yver
dykk lovkunnige! De hev teke burt kunnskapslykelen!
Sjølve gjekk de ikkje inn, og dei som vilde inn, fekk de
hindra.» 53 Då han gjekk ut att, tok dei skriftlærde og
farisæarane til å verta fælt nærsøkne og frega honom
um mangt og mykje, 54 alt med dei lurde på honom og
vilde få tak i eitkvart ordet frå hans munn.

**12** Medan hadde folket samla seg kring han i
tusundtal, so dei heldt på å trøda kvarandre
ned; då tok han til ords og sagde til læresveinarne
sine: «Framum alt; tak dykk i vare for surdeigen åt
farisæarane - hyklarskapen! 2 Det finst ingen ting som
er duld og ikkje ein gong kjem fram i dagen, og ingen

ting som er løynd og ikkje ein gong vert kjend. 3 Difor
skal alt de talar i myrkret, høyrast i ljoset, og det de
kviskrar i kammerset, skal ropast ut på taket. 4 Men
til dykk som er venerne mine, segjer eg: Ottast ikkje
deim som drep likamen, og sidan ikkje hev magt til å
gjera meir! 5 Eg skal syna dykk kven de skal ottast;
de skal ottast honom som hev magt til å drepa og
sidan kasta i helvite. Ja, segjer eg dykk, honom skal
de ottast! (Geenna g1067) 6 Sel dei ikkje fem sporvar for
tvo skilling? og ikkje ein av deim er gløymd hjå Gud; 7
og jamvel alle hår på hovudet dykkar er talde. Ver
ikkje ottefulle! De er meir enn mange sporvar. 8 Og det
segjer eg dykk: Kvar den som kjennest ved meg for
menneski, honom skal og Menneskjesonen kjennast
ved for Guds englar; 9 men den som avneittar meg
for menneski, han skal avneittast for Guds englar.
10 Og den som talar mot Menneskjesonen, skal få
tilgjeving for det; men den som spottar den Heilage
Ande, fær aldri tilgjeving. 11 Når dei no fører dykk fram
for synagogorne og deim som styrer og råder i landet,
so syt ikkje for korleis de skal svara for dykk, eller kva
de skal segja! 12 For den Heilage Ande skal læra dykk
dei rette ordi i same stundi.» 13 Ein utor folkehopen
sagde til honom: «Meister, seg til bror min at han skal
skifta arven med meg!» 14 «Kven sette meg til domar
eller skiftemeister for dykk, mann?» svara Jesus. 15
So sagde han til deim: «Sjå og tak dykk i vare for all
havesykja! For ingen kann tryggja livet sitt med det han
eig, um han er aldri so rik.» 16 Og han fortalde deim
ei likning: «Det var ein gong ein rik mann; jordi hans
hadde bore godt, 17 og so sagde han med seg: «Kva
skal eg gjera? eg hev ikkje husrom til grøda mi! 18 Jau,
so vil eg gjera, » sagde han: «eg vil taka ned lødorne
mine og byggja deim større, og der vil eg samla heile
avlingi og alt godset mitt. 19 Og so vil eg segja åt meg
sjølv: «Du, no hev du mykje godt liggjande for mange
år; unn deg no ro, et og drikk, og ver glad!»» 20 Men
Gud sagde til honom: «Du dåre, i denne natt krev dei
sjæli di av deg! Kven skal so hava det du hev sanka i
hop?» 21 So gjeng det den som samlar seg gods og
gull, og ikkje er rik i Gud. 22 Difor segjer eg dykk, »
sagde han til læresveinarne sine: «Syt ikkje for livet,
kva de skal eta, eller for likamen, kva de skal klæda
dykk med! 23 Livet er meir enn maten, og likamen
meir enn klædi. 24 Agta på ramnarne! dei sår ikkje og
haustar ikkje, dei hev ikkje stabbur og ikkje løda - Gud
føder deim. Kor mykje meir er'kje de enn fuglarne!
25 Og kven av dykk kann leggja ei aln til si livslengd,
um han syter aldri so mykje? 26 Kann de no ikkje
ein gong gjera so mykje, kvi syter de då for det hitt?
27 Agta på liljorne, korleis dei veks! dei korkje spinn
eller vev; men eg segjer dykk: Ikkje ein gong Salomo i
all sin herlegdom var so klædd som ei av deim. 28
Klæder no Gud soleis graset på marki, det som stend i
dag og vert kasta i omnen i morgon, kor mykje heller
vil han då'kje klæda dykk, de fåtruande! 29 So tenk
no'kje de heller allstødt på kva de skal eta, og kva de
skal drikka, og lat'kje hugen vanka for vidt! 30 Det er
heidningarne kring i verdi som spør etter alt dette; men
far dykkar veit at de treng desse ting. 31 Søk heller
hans rike, so skal de få dette attpå! 32 Ottast ikkje, du
vesle hjord! Det er far dykkar's vilje å gjeva dykk riket!
33 Sel det de hev, og gjev sælebotsgåvor! Gjer dykk
pungar som ikkje vert utslitne, ein skatt som aldri tryt,
i himmelen, der ingen tjuv kjem innåt, og ingen mol
øyder! 34 For der skatten dykkar er, der vil og hjarta
dykkar vera. 35 Bind livgjordi um dykk, og lat lykterne
brenna! 36 Ver de som folk som ventar på herren sin til
han bryt upp frå brudlaupet, so dei kann lata upp for
honom med same han kjem og bankar på! 37 Sæle
dei tenarar som herren finn vakande når han kjem!
Det segjer eg dykk for visst: Han skal binda livgjordi
um seg og føra deim til bords, og koma og setja fram
for deim. 38 Anten han kjem midt på natti eller når
det lid ut i otta - sæle er dei når han finn det so. 39
Men det skynar de nok, at dersom husbonden visste
kva tid og time tjuven kom, so vakte han og let ingen
brjota seg inn i huset. 40 So ver reiduge de og! For
Menneskjesonen kjem på ei tid de ikkje tenkjer.» 41
Peter spurde: «Herre, er det åt oss du segjer denne
likningi, eller åt alle andre med?» 42 Då sagde Herren:
«Ja, kvar er han, den trugne hushaldaren, den vituge
som husbonden vil setja yver tenestfolket sitt, so han
skal lata deim få kosten sin i rett tid? 43 Sæl den tenar
som husbonden finn so gjerande, når han kjem! 44 Det
segjer eg dykk for visst: Han skal setja honom yver alt
det han eig. 45 Men dersom tenaren segjer med seg:
«Herren min drygjer nok endå ei stund, » og han so
tek til å slå drengjerne og gjentorne og eta og drikka
og fylla seg, 46 då skal herren hans koma ein dag han
ikkje ventar, og ein time han ikkje veit av, og hogga
honom sund, og lata honom få sin lut i lag med dei
utrue. 47 Den tenaren som veit kva herren hans vil, og
ingen ting steller i stand eller gjer av det som han vil,
skal få mykje hogg, 48 men den som ikkje veit det, og
gjer det som hogg er verdt, skal få mindre. Av den som
mykje hev fenge, ventar ein mykje, og den dei hev trutt
mykje til, krev dei so mykje meir av. 49 Eg er komen
for å kasta eld utyver jordi, og kor gjerne eg vilde at det
alt hadde fata! 50 Men eg lyt ganga igjenom ein dåp,
og kor eg gruvar meg til det er gjort! 51 Trur de eg er
komen for å skapa fred på jordi! Nei, segjer eg dykk,
men strid! 52 Heretter skal fem i same huset liggja i
strid med kvarandre, tri mot tvo, og tvo mot tri, 53 far

mot son, og son mot far, mor mot dotter, og dotter mot
mor, vermor mot sonekona, og sonekona mot vermor.»
54 Til folket og sagde han: «Når de ser det stig sky
upp i vest, segjer de straks: «Det kjem regn, » og det
vert so. 55 Og ser de vinden blæs ifrå sud, segjer de:
«Det vert heitt, » og so vert det! 56 Hyklarar! Jord- og
himmels-bragdi veit de å granska; korleis hev det seg
då at de ikkje veit å granska denne tidi? 57 Og kvi
dømer de ikkje frå dykk sjølve kva rett er? 58 Soleis
når du gjeng for retten med motparten din, gjer deg då
fyre, so du kann koma tilliks med honom på vegen!
Elles dreg han deg gjerne for domaren, og domaren
sender deg yver til futen, og futen set deg i fengsel; 59
du slepp ikkje ut att, segjer eg deg, fyrr du hev greidt
alt, til siste skjerv.»

**13** På same tidi kom det nokre og fortalde honom
dei galilæarane som Pilatus drap med dei bar
fram offeret sitt, so blodet deira blanda seg med
offerblodet. 2 Då tok han til ords og sagde til deim:
«Trur de desse galilæarane var større syndarar enn
alle andre galilæarar, sidan det gjekk deim soleis? 3
Nei, segjer eg dykk, men vender de ikkje um, skal
de alle umkomast på sovori vis. 4 Eller dei attan
som Siloatårnet datt nedyver og slo i hel, trur de dei
var verre brotsmenner enn alt hitt folket som bur i
Jerusalem? 5 Nei, segjer eg dykk, men vender de
ikkje um, skal de alle umkomast på same vis.» 6
So sagde han denne likningi: «Ein mann hadde eit
fiketre, som stod i vingarden hans. Han kom og leita
etter frukt på det, men fann ingi. 7 Då sagde han til
vingardsmannen: «No er det tridje året eg kjem og
leitar etter frukt på dette fiketreet og finn ingi. Hogg
det ned! Kvi skal det og binda burt jordi?» 8 «Herre,
lat det få standa i år og!» svara vingardsmannen, «til
eg fær grave kring det og lagt hævd innåt; 9 kann
henda det ber eit anna år; gjer det'kje det, so fær du
hogga det ned!»» 10 Ein kviledag lærde Jesus i ei
av synagogorne. 11 Der var det ei kvinna som hadde
havt ei vond ånd i seg i attan år, og den hadde gjort
henne so magtlaus at ho var tvikrokut og ikkje på
nokor vis kunde halda seg upprett. 12 Då Jesus fekk
sjå henne, kalla han henne til seg. «No er du løyst frå
vanmagti di, kvinna!» sagde han 13 og lagde henderne
på henne; og med ein gong rette ho seg upp, og lova
Gud. 14 Då tok synagoge-forstandaren til ords - han
var harm for di Jesus hadde lækt på kviledagen - og
sagde til folket: «Det er seks dagar ein lyt arbeida;
på deim kann de koma og lata dykk lækja, og ikkje
på kviledagen!» 15 «Hyklarar!» svara Herren honom
då, «løyser ikkje kvar ein av dykk uksen og asnet sitt
av båsen um kviledagen, og leider deim av og vatnar
deim? 16 Og denne kvinna, som er Abrahams dotter,
og som Satan hev halde bundi, tenkje seg til, i attan
år, skulde ikkje ho løysast or det bandet, for di um det
er kviledag?» 17 Då han sagde det, skjemdest alle dei
som stod honom imot, og heile folket gledde seg yver
alt det underfulle han gjorde. 18 So sagde han då:
«Kva er Guds rike likt? kva skal eg likna det med? 19
Det er likt eit senapskorn som ein mann tok og sådde i
hagen sin, og det voks og vart til eit tre, og fuglarne i
lufti bygde reir i greinerne på det.» 20 So sagde han
atter: «Kva skal eg likna Guds rike med? 21 Det er likt
ein surdeig som ei kvinna tok og gøymde i tri skjeppor
mjøl til alt saman var syrt.» 22 So for han kring frå by
til by og frå grend til grend og lærde folket, alt med han
var på veg til Jerusalem. 23 Det var ein som sagde
til honom: «Herre, er det få som vert frelste?» Då
sagde han til deim: 24 «Stræva alt de kann for å koma
inn igjenom den tronge døri! Mange, segjer eg dykk,
skal freista å koma inn, men er ikkje god til. 25 Når
husbonden fyrst hev reist seg og stengt døri, og de
so gjev dykk til å standa utanfor og banka på døri og
segja: «Herre, lat upp åt oss!» då skal han svara dykk
so: «Eg veit ikkje kvar de er ifrå.» 26 Tek de då på å
segja som so: «Me hev ete og drukke i lag med deg,
og du lærde i gatorne våre, » 27 so skal han svara:
«Eg segjer dykk: Eg veit ikkje kvar de er ifrå. Hav dykk
burt frå meg, alle de som gjorde urett!» 28 Der skal det
vera gråt og tanngnistring, når de fær sjå Abraham og
Isak og Jakob og alle profetarne i Guds rike, men de
sjølve vert kasta ut. 29 Og det skal koma folk frå aust
og frå vest og frå nord og frå sud og setja seg til bords
i Guds rike. 30 Men kom i hug at det finst dei som er
millom dei siste, og skal vera millom dei fyrste, og det
finst dei som er millom dei fyrste og skal vera millom
dei siste.» 31 I same bilet kom det nokre farisæarar og
sagde med honom: «Tak ut og far herifrå! Herodes
tenkjer på å drepa deg.» 32 Han svara: «Gakk og seg
den reven: «I dag og i morgon driv eg ut djevlar og
gjer sjuke friske att; tridje dagen er eg til endes komen;
33 men i dag og i morgon og dagen etter lyt eg ferdast;
for det ber aldri til at ein profet let livet annanstad enn i
Jerusalem.» 34 Jerusalem, Jerusalem, du som slær i
hel profetarne og steinar deim som er sende til deg,
kor ofte vilde eg'kje ha samla borni dine kring meg,
liksom fuglemori samlar ungeflokken under vengjerne!
Men de vilde ikkje. 35 Sjå no skal de få hava huset
dykkar sjølve. Eg segjer dykk: De fær aldri sjå meg fyrr
den tidi kjem då de ropar: «Velsigna vere han som
kjem i Herrens namn!»»

**14** Ein kviledag hende det, at Jesus kom heim til ein
av dei øvste farisæarane og skulde halda måltid
der, og dei gjætte på honom. 2 Best det var, såg han
framfor seg ein mann som hadde vatssotti. 3 Då tok

han til ords og spurde dei lovkunnige og farisæarane:
«Er det rett å lækja um kviledagen, eller er det ikkje?»
4 Dei tagde. Då tok han burt på mannen og lækte
honom, og let honom ganga. 5 Og til dei andre sagde
han: «Kven av dykk dreg ikkje straks upp att son
sin eller uksen sin, dersom dei dett nedi ein brunn
på ein kviledag?» 6 Men dei var'kje god til å svara
honom noko på det. 7 Då han gådde korleis gjesterne
valde seg ut dei øvste sæti, sagde han deim denne
likningi: 8 «Når nokon hev bede deg til brudlaups, so
set deg ikkje øvst ved bordet! For det kunde henda
at ein gjævare enn du var beden, 9 og at den som
hadde bede dykk båe, kom og sagde til deg: «Gjev
rom åt denne mannen!» og då fekk du den skammi
at du laut setja deg nedst. 10 Nei, når du er beden
ein stad, so gakk og set deg på det nedste romet!
Når han so kjem han som hev bede deg, segjer han
til deg: «Flytt deg høgre upp, venen min! Då fær du
æra hjå alle deim som sit til bords med deg. 11 For
kvar den som set seg sjølv høgt, skal gjerast låg, men
den som set seg sjølv lågt, skal gjerast høg.» 12 So
sagde han og til den som hadde bede honom åt seg:
«Når du vil gjera eit middags- eller kveldslag, so bed
ikkje venerne eller brørne eller skyldfolket ditt eller rike
grannar! For dei kjem til å beda deg att, so du fær
lika for det du hev gjort. 13 Nei, når du gjer gjestebod,
so bed fatige, kryplingar, halte, blinde! 14 Då vert du
sæl; for dei hev ingen ting å gjeva deg att, men du fær
lika for det når dei rettferdige stend upp att.» 15 Ein
av dei andre bordgjesterne sagde då han høyrde det:
«Sæl den som fær sitja til bords i Guds rike!» 16 Då
svara han: «Det var ein gong ein mann som vilde gjera
eit stort gjestebod, og bad mange. 17 Då tidi kom at
gjestebodet skulde vera, sende han sveinen sin i veg
for å segja til dei bedne: «Kom! No er det ferdigt!» 18
Då tok dei til å beda seg undan, alle som ein. Den
fyrste sagde: «Eg hev kjøpt ein jordveg, og er nøydd
til å ganga ut og sjå på honom. Du lyt gjera so vel
og orsaka meg.» 19 Ein annan sagde: «Eg hev kjøpt
fem par uksar, og no skal eg av og prøva deim. Du lyt
gjera so vel og orsaka meg.» 20 Endå ein annan mann
sagde: Eg hev teke meg ei kona; difor kann eg ikkje
koma.» 21 Sveinen kom og sagde det med herren
sin. Då vart husbonden harm og sagde til sveinen:
«Gakk snøgt ut på gatorne og stræti i byen, og før
hit alle tiggarar og kryplingar og blinde og halte!» 22
Sveinen sagde: «Herre, det er gjort som du sagde,
og det er endå rom.» 23 «Gakk ut på vegarne og
ved gjerdi, » svara herren, «og nøyd deim til å koma
inn, so huset mitt vert fullt! 24 For eg segjer dykk at
ingen av dei mennerne som vart bedne, skal smaka
min gjestebodskost.»» 25 Det fylgde mykje folk med
honom, og han snudde seg og sagde til deim: 26 «Um
nokon kjem til meg og hatar ikkje far og mor og kona
og born og brør og syster, ja, endå sitt eige liv, so
kann han ikkje vera min læresvein. 27 Den som ikkje
ber krossen sin og kjem etter meg, kann ikkje vera
min læresvein. 28 Vil nokon av dykk byggja eit tårn,
tur han'kje då fyrst set seg ned og reknar etter kva
det vil kosta, um han hev nok til å fullføra det. 29
For hev han lagt grunnsteinarne, og ikkje er god til
å gjera det ferdigt, so tek alle som ser det til å gjera
narr av honom og segja: 30 «Den mannen tok til å
byggja, og var'kje god til å gjera det ferdigt!» 31 Eller
um ein konge vil draga ut i strid mot ein annan konge,
tru han'kje då fyrst set seg ned og slær yver um han
med ti tusund mann kann møta ein som kjem imot han
med tjuge tusund? 32 Og kann han ikkje, so gjer han
av ei sendeferd og tingar um fred, med hin endå er
langt burte. 33 Soleis kann ingen av dykk vera min
læresvein, utan han segjer frå seg alt det han hev.
34 Salt er ein god ting; men vert saltet og dove, kva
skal so det kryddast med? 35 Det duger korkje i mold
eller møk; dei kastar det ut. Høyr etter, kvar som høyra
kann!»

**15** Alle tollmenner og syndarar heldt seg nær innåt
Jesus og lydde på honom. 2 Men farisæarane
og dei skriftlærde murra og sagde seg imillom: «Den
mannen tek imot syndarar, og et i lag med deim!» 3
Då sagde han deim denne likningi: 4 Um ein av dykk
hev hundrad sauer og misser ein av deim, let han'kje
då dei ni og nitti vera att i beitemarki, og gjeng av
og leitar etter den han hev mist, til han finn honom?
5 Og når han hev funne honom, er han glad og tek
honom på herdarne sine; 6 og med same han kjem
heim, kallar han i hop vener og grannar, og segjer til
deim: «Gled dykk med meg! Eg hev funne sauen eg
hadde mist. 7 Eg segjer dykk: Soleis er det gleda i
himmelen yver ein syndar som vender um, meir enn
yver ni og nitti rettferdige som ikkje treng umvending.
8 Eller um ei kvinna hev ti sylvpeningar, og misser
ein av deim, kveikjer ho'kje då ljos og sopar huset og
leitar trottugt, til dess ho finn honom? 9 Og når ho hev
funne honom, kallar ho i hop vener og grannkonor og
segjer: «Gled dykk med meg! Eg hev funne peningen
eg hadde mist.» 10 Soleis, segjer eg dykk, vert det
gleda på Guds englar yver ein syndar som vender
um.» 11 So sagde han: «Det var ein gong ein mann
som hadde tvo søner. 12 Den yngste av deim sagde
til faren: «Far, lat meg få den luten av buet som fell
på meg!» So skifte han midelen millom deim. 13 Det
var'kje mange dagarne lidne, so samla den yngste
sonen alt sitt og for langt burt til eit anna land. Der
gav han seg i ulivnad, og øydde upp det han åtte. 14

Då han hadde sett til alt, vart det uår og svolt der i
landet, og han tok til å lida naud. 15 So tydde han seg
til ein av mennerne i landet, og han sende honom ut
på markerne sine; der skulde han gjæta svin. 16 Og
han var huga til å fylla buken sin med skolmerne som
svini åt av, og ingen gav honom noko. 17 Då gjekk han
i seg sjølv og sagde: «Kor mange leigekarar heime hjå
far min hev ikkje fullt upp av mat, med eg held på å
svelta i hel her! 18 Eg vil taka i veg og ganga heim til
far min og segja til honom: «Far, eg hev synda mot
himmelen og mot deg! 19 Eg er'kje verd å kallast son
din lenger; lat meg få vera som ein av leigekararne
dine!»» 20 So tok han i vegen og gjekk heim til far
sin. Med han endå var langt burte, vart far hans var
honom, og ynkast inderleg; han sprang imot honom og
kasta seg um halsen på honom og kysste honom. 21
Og sonen sagde: «Far, eg hev synda mot himmelen og
mot deg; eg er ikkje verd å kallast son din lenger!» 22
Men faren sagde til tenararne sine: «Kom snøgt med
ein klædning, den gildaste her er, og hav på honom,
og lat han få ring på fingeren og skor på føterne! 23
Henta so den gjødde kalven, og slagta honom, so vil
me halda måltid og vera glade! 24 For denne sonen
min var daud og hev livna upp att, var burtkomen og
er attfunnen.» So tok dei til å halda gaman. 25 Den
eldste sonen var utpå marki. Då han gjekk heimetter
og kom burtimot huset, høyrde han spel og dans. 26
Han ropa på ein av drengjerne, og spurde kva det
skulde tyda. 27 «Bror din er komen, » svara drengen,
«og far din hev slagta den gjødde kalven, for di han
fekk honom frisk heim att. 28 Då vart han harm og
vilde ikkje ganga inn. Far hans kom ut og tala blidt til
honom; 29 men han svara far sin so: «No hev eg tent
deg so mange år og aldri gjort imot ditt ord, og meg
hev du aldri gjeve so mykje som eit kid, so eg kunde
gleda meg i hop med venerne mine. 30 Men når han
kjem denne son din, som hev ete upp midelen din i lag
med skjøkjor, då slagtar du gjødkalven åt honom.» 31
«Du er allstødt hjå meg, barnet mitt, » svara faren, «og
alt som mitt er, er ditt.» 32 Men no skulde me vera
glade og fegne; for denne bror din var daud og hev
livna, var burtkomen og er attfunnen!»»

**16** Han sagde og til læresveinarne: «Det var ein
gong ein rik mann som hadde ein hushaldar.
Og folk kom til honom og klaga på hushaldaren, og
sagde at han øydde burt midelen hans. 2 Då kalla
han hushaldaren fyre seg og sagde til honom: «Kva er
det no eg høyrer um deg? Gjer rekneskap for styringi
di, for du kann ikkje standa fyre huset mitt lenger!»
3 Hushaldaren tenkte med seg: «Kva skal eg gjera,
sidan herren min segjer meg ut or tenesta? Eg orkar
ikkje å grava, eg skjemmest ved å tigga. 4 Jau, no veit
eg kva eg vil gjera, so dei skal taka meg til seg når eg
vert avsett!» 5 So kalla han skuldmennerne åt herren
sin til seg, ein for ein, og sagde til den fyrste: «Kor
mykje er du skuldig husbonden min?» 6 «Hundrad
anker olje, » svara han. «Her hev du skuldbrevet ditt,
» sagde hushaldaren; «set deg ned og skriv snøgt:
femti!» 7 So spurde han ein annan: «Enn du, kor mykje
er du skuldig?» - «Hundrad tunnor kveite, » svara
han. «Her hev du skuldbrevet ditt; skriv: åtteti!» sagde
hushaldaren. 8 Og Herren rosa uærlege hushaldaren
for di han hadde fare klokt åt. For denne verdsens
born er klokare til å stella seg med sine jamlikar enn
ljossens born er. (aiōn g165) 9 Og eg segjer dykk: Vinn
dykk vener med den urettferdige Mammon, so dei
kann taka imot dykk i dei ævelege heimarne når han
tryt! (aiōnios g166) 10 Den som er tru i smått, er og tru i
stort, og den som er uærleg i smått, er og uærleg i
stort. 11 Hev de no ikkje vore true med den urettferdige
Mammon, kven vil då tru den rette rikdomen åt dykk?
12 Og hev de ikkje vore true med det som høyrer andre
til, kven vil då gjeva dykk noko de sjølve kann eiga? 13
Ingen tenar kann tena tvo herrar; for anten vil han hata
den eine og elska den andre, eller halda seg til den
eine og vanvyrda hin. De kann ikkje tena både Gud og
Mammon.» 14 Alt dette høyrde farisæarane på, og
pengekjære som dei var, frynte dei åt honom. 15 Då
sagde han til deim: «De er dei som fær folk til å tru at
de er rettferdige; men Gud kjenner hjarta dykkar; for
det som er høgt i folkeaugo, er ein styggedom for Gud.
16 Lovi og profetarne rådde alt til Johannes kom; frå
den tid hev fagnadbodet um Guds rike vore kunngjort,
og kvar og ein bryt seg inn i det med magt. 17 Men det
vil lettare henda at himmelen og jordi forgjengst enn at
ein einaste prikk i lovi fell burt. 18 Kvar den som skil
seg frå kona si og giftar seg med ei onnor, gjer hor, og
den som gifter seg med ei fråskild, gjer hor. 19 Det var
ein gong ein rik mann; han klædde seg i purpur og fint
lin, og heldt gaman og fest dag etter dag. 20 Og ein
fatig mann som heitte Lasarus, låg utmed porten hans,
full av verkjesår, 21 og stunda etter å få metta seg
med det som fall frå bordet åt rikingen; men jamvel
hundarne kom og sleikte såri hans. 22 So hende det at
den fatige døydde, og englarne bar honom av stad og
lagde honom ved Abrahams barm. Den rike døydde
og, og vart gravlagd. 23 Som han no slo upp augo sine
i helheimen, der han låg og pintest, ser han Abraham
langt burte, og Lasarus innmed barmen hans. (Hadēs
g86) 24 Då ropa han: «Fader Abraham, gjer sælebot på
meg! Send Lasarus so han kann duppa fingertuppen
sin i vatn og svala tunga mi! For eg lid fælt i den
logen.» 25 «Kom i hug, min son, » svara Abraham,
«at du fekk det gode du ynskte deg i di livetid, og

Lasarus like eins det som vondt var. Men no vert han
trøysta her, og du lid vondt. 26 Og attåt alt det er
det lagt ein stor avgrunn millom oss og dykk, so dei
som vil fara herifrå yver til dykk, dei kann ikkje; ikkje
heller kann nokon koma derifrå yver til oss.» 27 «So
bed eg deg, fader, » sagde den rike, «at du vil senda
han til farshuset mitt! 28 Eg hev fem brør, lat honom
vitna for deim, so ikkje dei og skal koma til denne
pinslestaden!» 29 «Dei hev Moses og profetarne, »
svara Abraham; «dei kann høyra på deim.» 30 «Å nei,
fader Abraham!» sagde han; «men kjem nokon til deim
frå dei daude, so gjer dei bot.» 31 Då sagde Abraham:
«Høyrer dei ikkje på Moses og profetarne, so trur dei
ikkje heller um nokon stend upp frå dei daude.»»

**17** Sidan sagde han til læresveinarne sine: «Det er
uråd anna enn det lyt koma freistingar, men ve
yver den som dei kjem ifrå! 2 Han var betre faren det
låg ein kvernstein um halsen hans og han var kasta i
havet, enn at han skulde freista ein av desse små. 3
Tak dykk i vare! Syndar bror din, so tala til honom, og
angrar han, so tilgjev honom! 4 Um han syndar mot
deg sju gonger um dagen, og sju gonger kjem attende
til deg og segjer: «Eg angrar!» so skal du tilgjeva
honom.» 5 Apostlarne sagde til Herren: «Gjev oss
meir tru!» 6 «Hev de tru som eit senapskorn, » svara
Herren, «so kunde de segja til dette morbærtreet:
«Rykk deg upp og røt deg i havet!» og det skulde lyda
dykk. 7 Um nokon av dykk hev ein dreng som pløgjer
eller gjæter, segjer han då til honom når han kjem
heim frå marki: «Kom straks og set deg til bords?» 8
Segjer han'kje heller: «Stell til kveldsmaten åt meg,
bind livgjordi um deg, og gakk meg til handa med eg et
og drikk! Sidan kann du eta og drikka?» 9 Takkar han
vel drengen for di han gjorde som han var fyresagd?
Eg trur ikkje det. 10 Soleis de og; når de hev gjort alt
som var sagt dykk, so seg: «Me er uturvande tenarar!
Me hev'kje gjort anna enn det som var skyldnaden
vår.»» 11 Med han var på vegen til Jerusalem og for
midt imillom Samaria og Galilæa, 12 bar det so til at
han gjekk inn i ein liten by, og der kom det imot han
ti menner som hadde spillsykja; dei vart standande
eit langt stykke undan, 13 og ropa høgt: «Jesus,
meister, gjer sælebot på oss!» 14 Då Jesus vart var
deim, sagde han til deim: «Gakk og te dykk fram for
prestarne!» Og med dei var på vegen, hende det at dei
vart reine. 15 Ein av deim kom attende då han såg han
var lækt; han lova Gud med høg røyst, 16 og kasta seg
å gruve framfor føterne hans og takka honom; det var
ein samaritan. 17 Då tok Jesus til ords og sagde: «Vart
dei'kje reine alle ti? Kvar er då dei ni? 18 Var det ingen
utan denne framande som kom attende og vilde gjeva
Gud æra?» 19 So sagde han til mannen: «Statt upp og
gakk heim att! Trui di hev hjelpt deg.» 20 Farisæarane
spurde honom ein gong når Guds rike skulde koma.
Då svara han deim so: «Guds rike kjem ikkje so at ein
kann sjå det for augo. 21 Ein kann ikkje heller segja:
«Sjå her er det!» eller: «Der er det!» For Guds rike, det
er inni dykk.» 22 Sidan sagde han til læresveinarne:
«Det kjem ei tid då de skal stunda etter å sjå ein av
dei dagarne då Menneskjesonen råder, men de skal
ikkje få sjå det. 23 Dei kjem til å segja til dykk: «Sjå
der er han! Sjå her!» Gakk ikkje der burt, og fylg ikkje
etter deim! 24 For liksom ljonet, når det kjem, skin frå
himmelbrun til himmelbrun, soleis skal det vera med
Menneskjesonen den dagen han kjem. 25 Men fyrst lyt
han lida mykje, og denne ætti skal skjota honom ifrå
seg. 26 Og som det var i Noahs dagar, so skal det og
vera den tidi då Menneskjesonen kjem: 27 dei åt, dei
drakk, dei gifte seg, dei vart burtgifte, alt til den dagen
då Noah gjekk inn i arki; då kom storflodi og tynte alle
i hop. 28 Eller som det var i Lots dagar: dei åt, dei
drakk, dei kjøpte, dei selde, dei planta, dei bygde; 29
men den dagen då Lot tok ut frå Sodoma, regnde det
eld og svåvel frå himmelen og tynte deim alle. 30 På
same vis skal det vera den dagen Menneskjesonen
syner seg. 31 Er nokon den dagen uppå taket og hev
sine ting nedi huset, so må han ikkje ganga ned og
henta deim; og er nokon utpå marki, so må han ikkje
venda um. 32 Kom i hug kona hans Lot! 33 Den som
freister å berga livet sitt, skal missa det, og den som
misser det, skal vinna det att. 34 Eg segjer dykk: Den
natti skal det liggja tvo i ei seng; den eine skal hentast,
og hin setjast att. 35 Tvo kvinnor skal mala på same
kverni; den eine skal hentast, og hi setjast att. 36 Tvo
skal vera utpå marki; den eine skal hentast, og hin
setjast att.» 37 Då tok læresveinarne til ords og sagde:
«Kvar, Herre?» Han svara: «Der liket er, der vil ørnane
sankast innåt.»

**18** Då sagde han deim ei likning um at dei stødt
skulde beda og ikkje trøytna. 2 «I ein by, » sagde
han, «var det ein gong ein domar, som ikkje ottast Gud
og ikkje hadde age for noko menneskje. 3 I same
byen var det ei enkja; ho kom jamleg til domaren og
sagde: «Hjelp meg, so eg fær rett på motparten min!»
4 Lenge vilde han ikkje, men då det leid på, sagde han
med seg: «Endå eg ikkje ottast Gud og ikkje hev age
for noko menneskje, 5 so vil eg like vel hjelpa denne
enkja til retten sin, av di ho plågar meg so; elles kjem
ho vel til slutt og legg til meg midt i syni!» 6 Høyr kva
den urettferdige domaren segjer, » sagde Herren; 7
«skulde so'kje Gud hjelpa sine utvalde til retten sin, dei
som ropar til honom dag og natt, um han so drygjer det
ut for deim? 8 Eg segjer dykk: Han skal hjelpa deim
til retten sin, og det fort. Men når Menneskjesonen

kjem, skal han då finna trui på jordi?» 9 Til nokre som
trudde um seg sjølve at dei var rettferdige, og som
vanvyrde alle andre, sagde han denne likningi: 10 «Det
var ein gong tvo menner som gjekk upp i templet og
vilde beda; den eine var ein farisæar, og den andre ein
tollmann. 11 Farisæaren stelte seg upp for seg sjølv
og bad soleis: «Eg takkar deg, Gud, for di eg ikkje er
som anna folk, ein røvar, svikar, horkar, eller og som
den tollmannen der! 12 Eg fastar tvo gonger i vika,
og gjev tiend av alt eg tek inn.» 13 Tollmannen stod
langt undan; han vilde ikkje ein gong lyfta augo mot
himmelen, men slo seg for bringa og sagde: Å Gud,
ver meg syndaren nådig! 14 Eg segjer dykk: Han var
rettferdiggjord då han gjekk heim til sitt hus, men hin
ikkje; for kvar den som set seg sjølv høgt, skal gjerast
låg, men den som set seg sjølv lågt, skal gjerast høg.»
15 Dei bar og småborni sine til honom, so han skulde
røra ved deim. Då læresveinarne såg det, truga dei
deim; 16 men Jesus kalla deim til seg og sagde: «Lat
småborni koma til meg, og hindra deim ikkje! For Guds
rike høyrer slike til. 17 Det segjer eg dykk for sant:
Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn,
skal på ingen måte koma inn i det.» 18 Ein synagoge-
forstandar spurde honom: «Gode meister, kva skal eg
gjera so eg kann vinna eit ævelegt liv?» (aiōnios g166)
19 «Kvi kallar du meg god?» sagde Jesus. «Ingen er
god utan ein - Gud! 20 Du kjenner bodi: «Du skal ikkje
gjera hor! Du skal ikkje drepa! Du skal ikkje stela! Du
skal ikkje vitna rangt! Du skal æra far din og mor di!»»
21 «Alt det hev eg halde frå eg var ung, » svara han.
22 Då Jesus høyrde det sagde han: «Eitt vantar deg
endå: sel alt det du hev, og byt det ut åt dei fatige, so
fær du ein skatt i himmelen! Og kom so og fylg meg!»
23 Mannen vart sturen då han høyrde dei ordi; for han
var svært rik. 24 Jesus såg det på honom og sagde:
«Kor vandt det er for dei som hev gods og gull å koma
inn i Guds rike! 25 Ja, ein kamel kjem lettare gjenom
eit nålauga enn ein rik kjem inn i Guds rike.» 26 «Kven
kann då verta frelst?» sagde dei som høyrde på det.
27 Han svara: «Det som er umogelegt for menneskje,
er mogelegt for Gud.» 28 «Enn me som hev skilt oss
med alt som var vårt og fylgt deg!» sagde Peter. 29 Då
sagde han til deim: «Det segjer eg dykk for sant: Det er
ingen som hev skilt seg med hus eller kona eller brør
eller foreldre eller born for Gudsriket skuld, 30 utan han
skal få det att mangdubbelt i denne tidi, og i den verdi
som kjem eit ævelegt liv.» (aiōn g165, aiōnios g166) 31 So
kalla han dei tolv innåt seg og sagde til deim: «No fer
me upp til Jerusalem, og alt det som profetarne hev
skrive um Menneskjesonen, skal ganga fram: 32 Han
gjevast yver til heidningarne og spottast, og farast ille
med og sputtast på, 33 og dei skal hudfletta honom og
slå honom i hel, og tridje dagen skal han standa upp
att.» 34 Men dei forstod ikkje noko av dette; det var
dult for deim kva som låg i det ordet, og dei skyna ikkje
det han sagde. 35 Då han no kom burtimot Jeriko,
sat ein blind mann attmed vegen og bad seg. 36 Då
han høyrde det for so mykje folk fram igjenom, spurde
han kva var tids. 37 Dei fortalde honom at Jesus frå
Nasaret for framum. 38 Då ropa han: «Jesus, Davids
son, gjer sælebot på meg!» 39 Dei som gjekk fyre,
skjente på honom og sagde han skulde tegja; men han
ropa berre endå meir: «Davids son, gjer sælebot på
meg!» 40 Då stana Jesus og sagde at dei skulde leida
den blinde hit til honom, og då han kom innåt, spurde
han: 41 «Kva vil du eg skal gjera for deg?» - «Herre, lat
meg få att syni mi!» svara han. 42 «No fær du att syni!
Trui di hev hjelpt deg, » sagde Jesus. 43 Og straks
fekk han att syni si og fylgde honom alt med han lova
Gud; og alt folket som såg det, gav Gud æra og pris.

**19** So kom han til Jeriko, og for fram igjenom byen.
2 Der var det ein mann som heitte Sakkæus; han
var ein høg tollmann og rik. 3 Han hadde slik hug til å
sjå Jesus, kven han var, men kunde ikkje koma til for
folkemengdi; for han var liten på vokster. 4 So sprang
han i fyrevegen og kleiv upp i eit sykomortre, so han
kunde få sjå honom; for der laut han koma framum. 5
Då Jesus kom dit, såg han upp og sagde til honom:
«Sakkæus, skunda deg og kom ned! I dag lyt eg vera
hjå deg.» 6 Då skunda han seg ned, og tok imot Jesus
med gleda. 7 Alle som såg det, murra og sagde seg
imillom: «Han gjeng inn til ein syndig mann og tek
herbyrge der.» 8 Men Sakkæus steig fram og sagde til
Herren: «Herre, helvti av alt det eg eig, gjev eg dei
fatige, og hev eg truga pengar frå nokon, gjev eg det
att firdubbelt.» 9 Og Jesus sagde um honom: «I dag
hev det timst dette huset å få frelsa, etter di han og er
Abrahams son; 10 for Menneskjesonen er komen for å
leita etter det som var fortapt, og frelsa det.» 11 Med
dei lydde på det, heldt han ved og fortalde ei likning,
av di han var so nær Jerusalem, og dei tenkte at Guds
rike skulde koma til synes straks. 12 Han sagde: «Det
var ein gong ein høgætta mann, som for langt burt til
eit anna land og vilde få seg kongedøme og so venda
heim att. 13 Då kalla han åt seg ti av tenarane sine og
gav deim ti pund og sagde: «Driv no handel med dette
med eg er burte!» 14 Men landsmennerne hans hata
honom og skikka sendemenner av stad etter honom,
som skulde segja: «Me vil ikkje at den mannen skal
vera kongen vår!» 15 Då han no kom att og hadde
fenge kongedømet, sagde han at dei tenarane han
hadde gjeve pengarne til, skulde ropast inn til honom,
so han kunde få vita kor mykje dei hadde tent. 16 Då
gjekk den fyrste fram og sagde: «Herre, pundet ditt hev

gjeve av seg ti pund.» 17 «Det var rett, du gode tenar!»
svara herren; «for di du hev vore tru med det som lite
var, skal du hava velde yver ti byar.» 18 So kom den
andre og sagde: «Pundet ditt, herre, hev lagt inn fem
pund. 19 Til honom sagde herren: «Du skal råda yver
fem byar.» 20 So kom det ein annan og sagde: «Herre,
sjå her er pundet ditt! Eg hev havt det liggjande i eit
knyte; 21 for eg var rædd deg, av di du er ein streng
mann: du tek inn det du ikkje lagde ut, og haustar
det du ikkje sådde.» 22 Då sagde herren: «Etter dine
eigne ord dømer eg deg, du låke tenar! Du visste at eg
er ein streng mann, som tek inn det eg ikkje lagde ut,
og haustar det eg ikkje sådde? 23 Kvi sette du då ikkje
pengarne mine i banken? so hadde eg fenge deim
att med rentor når eg kom heim! 24 Tak pundet frå
honom!» sagde han til deim som stod innmed, og gjev
det til den som hev ti pund!» 25 «Herre, han hev då ti
pund!» sagde dei. 26 «Eg segjer dykk at kvar den som
hev, skal få, og den som ikkje hev, skal missa endå
det som han hev. 27 Men desse uvenerne mine, som
ikkje vilde at eg skulde vera kongen deira, deim skal
de føra hit og hogga deim ned for augo mine!»» 28
Då han hadde sagt det, gjekk han fyre på ferdi upp til
Jerusalem. 29 Som han no kom burtimot Betfage og
Betania, til det berget dei kallar Oljeberget, sende han
tvo av læresveinarne i veg og sagde: 30 «Gakk burt i
den grendi som ligg midt imot oss! Når de kjem der,
finn de ein fole som stend bunden, og som det aldri
hev sete menneskje på; den skal de løysa og leida hit.
31 Og dersom nokon spør dykk kvi de løyser honom,
skal de svara so: «Herren treng um honom.»» 32 Dei
som var sende, gjekk, og fann det so som han hadde
sagt med deim. 33 Då dei so løyste folen, sagde dei
som åtte honom: «Kvi løyser de folen?» 34 «Herren
treng um honom, » svara dei. 35 So leidde dei folen
fram til Jesus, og lagde kjolarne sine på honom, og let
Jesus setja seg uppå; 36 og med han for frametter,
breidde dei klædi sine under på vegen. 37 Som han no
var tett burtmed der det ber ned frå Oljeberget, tok
læresveinarne, heile flokken, glade som dei var, til å
lova Gud med høg røyst for alle dei underi dei hadde
set, og kvad: 38 «Velsigna vere kongen som kjem i
Herrens namn! Fred i himmelen og æra i det høgste!»
39 Nokre farisæarar som var med i folkehopen, sagde
til han: «Meister, tala til læresveinarne dine!» 40 Då
svara han: «Eg segjer dykk: Dersom desse tegjer, so
skal steinarne ropa.» 41 Då han kom næmare og såg
byen, gret han yver honom og sagde: 42 «Hadde du
berre visst, um ikkje fyrr enn i dag, kva som tener til
di velferd! Men no er det dult for augo dine. 43 For
det skal koma ei tid for deg då fiendarne kastar upp
ein voll um deg og kringset deg og trengjer deg frå
alle kantar, 44 og støyter deg ned i grunnen, og borni
dine med deg, og ikkje let det liggja att stein på stein
i deg, for di du ikkje skyna di gjestings tid.» 45 Då
han kom inn i templet, tok han til å driva ut deim som
handla der, 46 og sagde til deim: «Det stend skrive:
«Mitt hus skal vera eit bønehus, » men de hev gjort
det til eit røvarbol.» 47 Sidan lærde han dagstødt i
templet. Øvsteprestarne og dei skriftlærde var trådde
etter å få rudt honom or vegen, og so gjorde dei fyrste
mennerne i folket, 48 men dei kunde ikkje finna ut
korleis dei skulde bera seg åt med det; for heile folket
hekk ved honom og lydde på honom.

**20** Som han no ein dag lærde folket i templet og bar
fram fagnadbodet, steig øvsteprestarne og dei
skriftlærde upp, i hop med styresmennerne, 2 og dei
tala soleis til honom: «Seg oss: Kva rett hev du til å
gjera dette, eller kven var det som gav deg retten?»
3 «Eg vil og spyrja dykk um ein ting, » svara han:
«Seg de meg: 4 Var dåpen åt Johannes frå himmelen,
eller var det menneskjeverk? 5 Då slo dei yver med
seg sjølve og sagde: «Svarar me: «Frå himmelen, »
so segjer han: «Kvi trudde de honom ikkje?» 6 og
svarar me: «Det var menneskjeverk, » so kjem heile
folket til å steina oss i hel; for dei trur fullt og fast at
Johannes var ein profet.» 7 So svara dei at dei visste
ikkje kvar Johannes-dåpen var ifrå.» 8 «Då segjer ikkje
eg dykk heller kva rett eg hev til å gjera dette, » sagde
Jesus. 9 So tok han til å tala til folket og sagde deim ei
likning: «Det var ein gong ein mann som stelte til ein
vingard; den leigde han burt til brukarar, og so for han
utanlands og vart burte i lang æva. 10 Då rette tidi
kom, sende han ein av sveinarne sine til brukarane, og
kravde at dei skulde gjeva honom noko av det som
var avla i vingarden. Men brukarane slo sveinen og
sende honom burt att med tome hender. 11 So sende
han atter ein annan svein; den slo dei og, og hædde
honom og sende honom burt att med henderne tome.
12 Og endå ein tridje sende han; den for dei like eins
med, slo honom til blods og kasta honom ut. 13 «Kva
skal eg no gjera?» sagde han som åtte vingarden. «Eg
vil senda son min, han som eg elskar so høgt; kann
henda dei hev age for honom!» 14 Men då brukarane
fekk sjå honom, lagde dei yver med kvarandre og
sagde: «Dette er ervingen! Lat oss slå han i hel, so me
kann få arven!» 15 So kasta dei honom ut or vingarden
og slo honom i hel. Kva skal no vingardseigaren gjera
med deim? 16 Han skal koma og gjera ende på desse
brukarane og lata andre få vingarden.» Då dei høyrde
det, sagde dei: «Slikt må aldri henda!» 17 Då såg han
på deim og sagde: «Kva tyder då dette ordet i skrifti:
«Den steinen byggjarane vanda, den var det som vart
hyrnestein?» 18 Kvar den som fell på den steinen, skal

slå seg sund; men den som steinen fell på, skal han
smuldra til dust.» 19 Dei skriftlærde og øvsteprestarne
vilde ha lagt hand på honom i same stund, men dei
torde ikkje for folket; dei skyna at det var deim han
meinte med likningi si. 20 So gjætte dei på honom
og sende folk ut som skulde lura på honom og låst
vera lovlydige, so dei kunde fanga honom i ord, og
so gjeva honom yver til styremagti og i henderne på
landshovdingen. 21 Dei sette fram eit spursmål for
honom og sagde: «Meister, me veit at du talar og lærer
rett og ikkje gjer skil på folk, men lærer Guds veg etter
sanningi - 22 er det rett at me legg skatt til keisaren,
eller er det ikkje?» 23 Men han gådde listi deira og
sagde til deim: 24 «Syn meg ein sylvmynt! Kva bilæte
og namn er det han hev?» «Det er keisarens, » svara
dei. 25 «Vel, » sagde han til deim, «gjev so keisaren
det som keisarens er, og Gud det som Guds er!» 26
Soleis kunde dei ikkje fanga honom i noko ord so folket
var vitne på det; dei undra seg berre yver svaret hans
og tagde. 27 So kom det nokre sadducæarar - det
er dei som neittar at dei daude skal standa upp att -
dei og sette fram eit spursmål for honom og sagde:
28 «Meister, Moses hev skrive den lovi åt oss, at når
ein gift mann døyr barnlaus, so skal bror hans gifta
seg med enkja og halda uppe ætti åt bror sin. 29 No
var det ein gong sju brør. Den fyrste tok seg ei kona,
men døydde barnlaus. 30 So gifte den andre seg med
henne, 31 og so den tridje, og sameleis alle sju; dei
døydde og hadde ikkje born etter seg. 32 Til slutt
døydde kona og. 33 Kven av deim skal no den kona
høyra til i eit anna liv? For alle sju hev havt henne
til kona.» 34 Jesus svara: «Dei som liver her i verdi,
dei gifter seg og vert burtgifte; (aiōn g165) 35 men dei
som vert haldne verdige til å nå hi verdi og standa
upp att frå dei daude, dei korkje gifter seg eller vert
burtgifte; (aiōn g165) 36 dei kann heller ikkje døy meir;
for dei er liksom englarne og er Guds born, av di dei
hev stade upp att til eit nytt liv. 37 Men at dei avlidne
skal vekkjast upp att, det hev Moses og synt i soga um
klungeren, der han kallar Herren Abrahams Gud og
Isaks Gud og Jakobs Gud. 38 Og han er ikkje Gud
for dei daude, men for dei livande; for alle er livande
for honom.» 39 Då tok nokre skriftlærde til ords og
sagde: «No tala du vel, meister.» 40 Og dei torde ikkje
oftare spyrja honom um noko. 41 So sagde han til
deim: «Korleis kann dei segja at Messias er Davids
son? 42 David segjer då sjølv i Salmeboki: «Herren
sagde til herren min: «Sit ved høgre handi mi, 43 til
eg dine fiendar fær til fotbenk for deg lagt!»» 44 So
kallar no David honom herre; korleis kann han då vera
son hans?» 45 Sidan tala han til læresveinarne og
sagde so heile folket høyrde det: 46 «Agta dykk for dei
skriftlærde som likar å ganga ikring i side kjolar og
gjerne vil helsast torgi og hava dei fremste sessarne i
synagogorne og dei høgste sæti i gjestebod! 47 dei
som et upp huset for enkjor og for ei syn skuld held
lange bøner. Dei skal få so mykje strengare dom.»

**21** Då han såg upp, vart han var at dei rike lagde
gåvorne sine i templekista; 2 og han vart var ei
armodsleg enkja, som lagde tvo skjervar. 3 Då sagde
han: «Det segjer eg dykk for sant: Denne fatige enkja
hev lagt meir enn dei alle. 4 For det som desse gav,
det gav dei alle av nøgdi si; men ho gav av si fatige råd
- gav alt ho hadde til å livberga seg med.» 5 Det var
nokre som tala um templet, at det var prydt med fagre
steinar og vigde gåvor. Då sagde han: 6 «Dette som de
skodar, um det skal de vita at det vil koma ei tid då her
ikkje vert liggjande stein på stein, som ikkje skal rivast
laus.» 7 «Når skal då dette ganga fyre seg, meister, »
spurde dei, «og kva er merket på at den tidi lid nær?»
8 Då svara han: Sjå dykk fyre, so ingen fær ført dykk på
villstig! For mange skal taka mitt namn og segja: «Det
er eg!» og: «Det lid innpå tidi. Fylg ikkje etter deim! 9
Og når de høyrer um ufred og upprør, so vert ikkje
fælne! For fyrst lyt det henda; men enden kjem ikkje
straks.» 10 So sagde han til deim: «Folk skal reisa seg
imot folk, og rike mot rike; 11 store jordskjelvar skal
koma, og uår og sott kring i landi; og det skal syna seg
skræmor og store teikn frå himmelen. 12 Men fyrr alt
dette hender, skal dei leggja hand på dykk og forfylgja
dykk og draga dykk inn i synagogor og fangehus; og
de skal førast fram for kongar og landshovdingar for
mitt namn skuld. 13 Då skal de koma til å vitna. 14
Legg dykk då på minne at de ikkje fyreåt tarv tenkja
på korleis de skal svara for dykk! 15 Eg skal gjeva
dykk munn og visdom, som ingen av motmennerne
dykkar skal kunna standa seg for eller segja imot. 16
Jamvel foreldre og brør og skyldfolk og vener skal
svika dykk og valda sume av dykk dauden, 17 og alle
skal hata dykk for mitt namn skuld. 18 Men ikkje eit
hår på hovudet dykkar skal forkomast. 19 Haldt ut,
so skal de vinna sjælerne dykkar! 20 Når de ser at
stridsherar kringset Jerusalem, då skal de vita at det
ikkje er lenge fyrr han vert lagd i øyde. 21 Då lyt dei
som er i Judaland røma til fjells; dei som er inni byen,
lyt flytja ut, og dei som er utpå landet, må ikkje koma
inn. 22 For dette er hemnardagarne; då skal det ganga
fram alt det som stend skrive. 23 Stakkars deim som
gjeng med barn eller gjev brjost, i dei dagarne! For det
skal vera stor naud i landet og vreide yver dette folket.
24 Dei skal falla for sverdseggi og førast hertekne burt
til alle heidningfolk, og Jerusalem skal heidningarne
trøda under fot, til heidningtidi er ute. 25 Det skal syna
seg teikn i sol og måne og stjernor, og på jordi skal folki

fælast i vonløysa, når havet og brotsjøarne dyn. 26
Folk skal uvita av rædsla og gru for det som kjem yver
mannaheimen; for himmelkrafterne skal skakast. 27 Då
skal dei sjå Menneskjesonen koma i skyi med velde og
stor herlegdom. 28 Men når dette tek til å henda, då
rett dykk upp, og lyft hovudet! for det lid mot utløysingi
dykkar.» 29 So sagde han deim ei likning: «Sjå på
fiketreet og alle andre tre! 30 So snart de ser dei hev
sprotte, då veit de av dykk sjølve at no er sumaren nær.
31 Soleis når de ser dette hender, då veit de at Guds
rike er nær. 32 Det segjer eg dykk for visst: Denne
ætti skal ikkje forgangast fyrr alt saman hev hendt. 33
Himmel og jord skal forgangast, men mine ord skal
aldri forgangast. 34 Gjev agt på dykk sjølve, at de aldri
let hjarta tyngjast av rus og ovdrykk og verdsleg sut,
so den dagen kjem uventande på dykk! 35 For som eit
fuglenet skal han skal koma yver alle som bur kring
i vidande verdi. 36 Vak kvar tid og stund, og bed at
de kann få styrk til å røma undan alt dette som koma
skal, og standa dykk framfor Menneskjesonen!» 37
Um dagarne lærde han i templet; men um kveldarne
gjekk han ut or byen og var natti yver på den åsen
dei kallar Oljeberget. 38 Og alt folket kom tidleg um
morgonen til honom i templet og lydde på honom.

**22** No leid det nær innåt søtebrødhelgi, som dei kallar
påske. 2 Og øvsteprestarne og dei skriftlærde
grunda på korleis dei skulde bera seg åt for å få rudt
honom or vegen; for dei var rædde folket. 3 Då for
Satan i Judas, han som dei kalla Iskariot, og som
var ein av dei tolv; 4 han gjekk av stad og tala med
øvsteprestarne og hovdingarne for tempelvakti um
korleis han skulde få gjeve Jesus yver til deim. 5 Dei
vart glade og lova honom pengar. 6 Han slo til, og
sidan leita han etter eit laglegt høve til å gjeva han yver
til deim utan uppstyr. 7 So kom søtebrødsdagen, den
dagen då påskelambet skulde slagtast. 8 Då sende
han Peter og Johannes i veg og sagde: «Gakk av
stad og stell til påskemålet åt oss, so me kann halda
måltid!» 9 «Kvar vil du me skal stella det til?» spurde
dei. 10 «Høyr her!» svara han; «når de kjem inn i
byen, møter de ein mann som ber ei krukka med vatn.
Honom skal de fylgja til han gjeng inn i eit hus, 11
og so skal de segja til huseigaren: «Meisteren helsar:
Kvar er romet der eg kann halda påskemåltid med
læresveinarne mine?» 12 Då syner han dykk ein stor
sal med duka bord. Der skal de stella til. 13 So gjekk
dei, og fann det so som han hadde sagt, og dei stelte
til påskemålet. 14 Då tidi kom, sette han seg til bords,
og apostlarne med honom. 15 Og han sagde til deim:
Eg hev lengta so etter å eta dette påskemålet i lag
med dykk, fyrr eg skal lida; 16 for eg segjer dykk: Eg
kjem aldri til å eta det meir, fyrr det hev fenge fullnaden
sin i Guds rike.» 17 So tok han ein kalk i handi, og
takka og sagde: «Tak dette og skift det imillom dykk!
18 For eg segjer dykk: Heretter skal eg aldri drikka av
druvesafti fyrr Guds rike er kome.» 19 Og han tok
brødet, takka, og braut det, og gav deim og sagde:
«Dette er likamen min, som vert gjeven for dykk! Gjer
dette til minne um meg!» 20 Like eins kalken etter dei
hadde ete kveldverden, og sagde: «Denne kalken er
den nye pakt i blodet mitt, det som renn for dykk. 21
Men sjå: svikaren held handi si framyver bordet med
meg! 22 Menneskjesonen gjeng fulla burt; for so er det
laga. Men ve yver den mannen som veld at han vert
gjeven i fiendehand!» 23 Då tok dei til å dryfta seg
imillom kven av deim det kunde vera som skulde koma
til å gjera dette. 24 Det vart og ein ordstrid millom
deim um kven av deim som skulde gjelda for den
største. 25 Då sagde han til deim: «Kongarne råder
yver folki sine, og dei som held deim i age, vert kalla
velgjerdsmenner. 26 So må det ikkje vera med dykk;
men den som er største ibland dykk, skal vera som
han var yngst, og styraren som han var tenar. 27 For
kven er størst, den som sit til bords, eller den som ber
på bordet? Er det'kje den som sit til bords? Men eg er
berre som ein bordsvein ibland dykk. 28 De er dei som
heldt ut hjå meg i røyningarne mine, 29 og eg eignar
dykk kongedøme, liksom far min eigna meg det; 30 de
skal eta og drikka ved bordet mitt i mitt rike, og sitja i
kvar sitt høgsæte og styra dei tolv Israels-ætterne. 31
Simon, Simon, høyr kva eg segjer: Satan kravde å få
sælda dykk liksom korn. 32 Men eg hev bede for deg
at trui di ikkje må trjota, og når du ein gong vender um,
so styrk brørne dine!» 33 «Herre, » sagde Peter, «med
deg gjeng eg gjerne både i fangehus og i dauden.» 34
«Eg segjer deg, Peter, » svara Herren: «Hanen gjel
ikkje i natt, fyrr du tri gonger hev neitta at du kjenner
meg.» 35 So sagde han til deim: «Då eg sende dykk
i veg forutan pung og skreppa og skor, vanta de då
nokon ting?» «Ingen ting, » svara dei. 36 «Men no lyt
den som hev pung taka honom med, » sagde han, «og
like eins den som hev skreppa, og den som ikkje hev
noko sverd, lyt selja kjolen sin og kjøpa seg eit. 37 For
eg segjer dykk at på meg lyt det sannast det ordet som
stend skrive: «Og han vart rekna millom brotsmenner.»
For med meg lid det mot enden.» 38 «Herre, » sagde
dei, «sjå her er tvo sverd.» «Det er nok, » svara han.
39 So gjekk han ut og tok vegen til Oljeberget, som
han var van ved; og læresveinarne fylgde og med. 40
Då han var komen dit, sagde han til deim: «Bed at
de ikkje må koma i freisting!» 41 Han drog seg ifrå
deim so langt som eit steinkast og lagde seg på kne
og bad: 42 «Fader, um du vilde taka denne skåli ifrå

meg! Men lat det ikkje vera som eg vil, berre som du
vil!» 43 Ein engel frå himmelen synte seg for honom
og styrkte honom. 44 Og i si såre hjartekvida bad han
endå heitare, og sveiten hans vart som blodsdråpar,
som fall ned på jordi. 45 So reiste han seg frå bøni. Då
han kom til læresveinarne, såg han at dei hadde sovna
av sorg. 46 Då sagde han til deim: «Kvi søv de? Statt
upp, og bed at de ikkje må koma i freisting!» 47 Fyrr
han hadde tala ut, fekk han sjå ein flokk som kom; han
som heitte Judas - ein av dei tolv - gjekk fyre deim og
kom burtåt Jesus, vilde kyssa honom. 48 Då sagde
Jesus til honom: «Judas, svik du Menneskjesonen
med ein kyss?» 49 Då dei som var ikring honom såg
korleis det bar i veg, sagde dei: «Herre, skal me slå til
med sverdet?» 50 Og ein av deim hogg til tenaren åt
øvstepresten, og sneidde av honom det høgre øyra. 51
Då tok Jesus til ords og sagde: «Lat det vera nok med
det!» Og han tok burtpå øyra hans og lækte honom.
52 So sagde han til deim som var komne og skulde
taka honom, øvsteprestarne og tempelhovdingarne og
styresmennerne: «De kjem med sverd og stavar som
eg skulde vera ein røvar! 53 Den tid eg var saman med
dykk i templet dag etter dag, då baud de'kje til å gripa
meg. Men no er det dykkar time, no er det myrkret
som råder.» 54 So tok dei honom og førde honom burt
og inn i garden åt øvstepresten; og Peter fylgde eit
langt stykke etter. 55 Dei hadde gjort upp ein eld midt
i gardsromet og sett seg ikring, og Peter sette seg
midt ibland deim. 56 Med han sat der i ljoset, vart ei
tenestgjenta var honom; ho stirde på honom og sagde:
«Denne var og med honom!» 57 Men han neitta og
sagde: «Eg kjenner honom ikkje, kvinna!» 58 Eit lite
bil etter vart ein annan var honom og sagde: «Du er
og ein av deim!» «Nei, mann, det er eg ikkje!» svara
Peter. 59 Då um lag ein time var liden, var det ein til
som sanna det og sagde: «Jau visst var denne og
med honom; han er då ein galilæar.» 60 «Eg veit'kje
kva du talar um, mann!» sagde Peter. Og straks, fyrr
han hadde tala ut, gol hanen. 61 Då vende Herren
seg og såg på Peter; og Peter kom i hug det ordet
Herren hadde sagt til honom: «Fyrr hanen gjel i natt,
hev du avneitta meg tri gonger.» 62 Og han gjekk ut
og gret sårt. 63 Dei mennerne som heldt Jesus, spotta
honom og slo honom. 64 Dei kasta eit klæde yver
honom og spurde: «Kven var det som slo deg? Seg
oss det, du som er ein profet!» 65 Og mange andre
hædingsord tala dei til honom. 66 Då det vart dag,
kom styresmennerne åt folket i hop, og øvsteprestarne
og dei skriftlærde; dei førde honom fram i rådsmøtet
sitt 67 og sagde: «Er du Messias, so seg oss det!»
«Um eg segjer det åt dykk, trur de det ikkje, » svara
han, 68 «og um eg spør, svarar de ikkje. 69 Men
heretter skal Menneskjesonen sitja ved høgre handi åt
Guds allmagt.» 70 Då spurde dei alle: «Er du då Guds
Son?» Han svara: «De segjer det, og eg er det.» 71
«Kva skal me med fleire vitnemål?» sagde dei då; «no
høyrde me det av hans eigen munn!»

**23** Då reiste dei seg, heile hopen, og førde honom til
Pilatus, 2 og bar fram klagemålet sitt mot honom.
«Me hev kome etter at denne mannen forvillar folket
vårt, » sagde dei; «han forbyd deim å gjeva keisaren
skatt, og segjer at han er Messias, ein konge.» 3 Då
tok Pilatus til ords og spurde honom: «Er du kongen
yver jødarne?» «Det er som du segjer, » svara han.
4 Pilatus sagde til øvsteprestarne og folket: «Eg finn
ingi skuld hjå denne mannen.» 5 Då tok dei sterkare i
og sagde: «Han øser upp folket med læra si i heile
Jødeland; han tok til med det i Galilæa, og no hev han
kome alt hit.» 6 Då Pilatus høyrde det, spurde han um
mannen var frå Galilæa, 7 og so snart han vart vis
med at han lydde under Herodes' velde, sende han
honom åt Herodes; for han var og i Jerusalem i dei
dagarne. 8 Herodes vart svært glad då han såg Jesus;
han hadde lenge ynskt at han måtte få sjå honom; for
han hadde høyrt mykje um honom og gjorde seg von
um å få sjå eit teikn av honom. 9 Han spurde honom
um mangt og mykje, men Jesus svara ikkje eit ord. 10
Øvsteprestarne og dei skriftlærde stod der og klaga
på honom so sterkt dei kunde. 11 Og Herodes med
hermennerne sine svivyrde og hædde honom, kasta ei
brikjeleg kåpa um honom og sende honom so attende
til Pilatus. 12 Den dagen vart Herodes og Pilatus
vener; fyrr hadde det vore fiendskap millom deim. 13
So kalla Pilatus i hop øvsteprestarne og rådsherrarne
og folket 14 og dei sagde til deim: «De hev ført denne
mannen fram for meg og skulda honom for at han
leider folket på avveg. No hev eg lydt honom ut, so
de hev høyrt på det, men eg hev'kje funne honom
saka i noko av det de klagar honom for. 15 Og det
hev ikkje Herodes heller; for eg sende dykk til honom.
So kann de sjå, at han hev ikkje gjort noko, som han
skulde lata livet for. 16 Difor vil eg refsa honom og
so gjeva honom fri.» 17 Men han laut gjeva deim ein
fange fri i høgtidi. 18 Då ropa dei alle som ein; «Burt
med honom! Gjev oss Barabbas fri!» 19 - so heitte ein
som var sett i fengsel for eitt upprør som hadde brote
ut i byen, og for manndråp -. 20 På nytt tala Pilatus
til deim; for han vilde gjerne gjeva Jesus fri. 21 Men
dei ropa imot: «Krossfest honom, krossfest honom!»
22 So tala han til deim tridje gongen og sagde: «Kva
vondt hev han då gjort, denne mannen? Eg hev'kje
funne honom saka i noko som han kann dømast frå
livet for. Difor vil eg refsa honom og so gjeva honom
fri.» 23 Men dei braut på, og kravde med høge rop at

han skulde krossfestast, og ropi deira fekk yvertaket.
24 Då dømde Pilatus so at det skulde vera som dei
kravde. 25 Han løyste den som sat fengsla for upprør
og manndråp, den som dei bad um, men gav Jesus
yver til deim, so dei kunde gjera med honom som dei
vilde. 26 Då dei førde honom burt, tok dei fat på ein
mann som kom frå marki; han heitte Simon, og var frå
Kyrene; honom lagde dei krossen på, so han skulde
bera honom etter Jesus. 27 Ein stor folkehop fylgde
honom; bland deim var det mange kvinnor, som øya
og gret for hans skuld. 28 Jesus snudde seg åt deim
og sagde: «Jerusalems døtter, gråt ikkje yver meg!
Gråt heller yver dykk sjølve og borni dykkar! 29 For det
kjem dagar då dei skal segja: «Sæle dei som aldri bar
barn under beltet! Sælt det livet som aldri hev født, og
det brjostet som aldri hev fostra!» 30 Då kjem dei til å
segja til fjelli: «Fall yver oss!» og til haugarne: «Gøym
oss!» 31 For fer dei so med det grøne treet, korleis
skal det då ganga med det turre?» 32 Tvo andre, tvo
illgjerningsmenn, vart og førde av stad saman med
honom og skulde lata livet. 33 Då dei kom til den
staden som kallast Skallen, krossfeste dei honom der,
og like eins illgjerningsmennerne, den eine på høgre
og den andre på vinstre sida. 34 Men Jesus sagde:
«Fader, forlat deim, for dei veit ikkje kva dei gjer!» So
skifte dei klædi hans millom seg og drog strå um deim.
35 Folket stod og såg på; og rådsherrarne spotta og
sagde: «Han hev hjelpt andre, no kann han hjelpa seg
sjølv, dersom han er Guds Messias, den utvalde!» 36
Hermennerne gjorde narr av honom; dei gjekk fram og
rette honom eddik og sagde: 37 «Er du kongen yver
jødarne, so hjelp deg sjølv!» 38 Og uppyver honom
var det ei innskrift: «Dette er kongen yver jødarne.»
39 Ein av illgjerningsmennerne som hekk der, hædde
honom og sagde: «Er'kje du Messias? - hjelp deg sjølv
og oss!» 40 Då tok den andre til ords, og skjemde på
honom og sagde: «Ottast ikkje du heller Gud, du som
er under same domen? 41 Og det er me med rette; for
me fær berre lika for det me hev gjort. Men han hev
ikkje gjort noko urett. 42 Jesus, » sagde han, «kom
meg i hug når du kjem i ditt rike!» 43 «Det segjer eg
deg for visst, » svara Jesus: «I dag skal du vera med
meg i paradis.» 44 Det var no kring den sette timen;
då vart det myrkt yver heile landet, alt til den niande
timen, 45 og soli svartna. Forhenget i templet rivna
midt i tvo. 46 Og Jesus ropa med høg røyst: «Fader, i
dine hender gjev eg mi ånd!» Då han hadde sagt det,
andast han. 47 Då hovudsmannen såg det som hende,
lova han Gud og sagde: «Den mannen var sanneleg
skuldlaus!» 48 Og heile folkemengdi som hadde samla
seg for å sjå på dette, øya seg og gjekk burt att då
dei såg kva som hende. 49 Men alle venerne hans,
og dei kvinnorne som hadde fylgt honom frå Galilæa,
stod langt undan og såg på. 50 Det var ein mann som
heitte Josef, ein god og rettvis mann; han høyrde til
det Høge Rådet, 51 men hadde ikkje vore med på
rådi og gjerningarne deira; han åtte heime i Arimatæa,
ein by i Jødeland, og var ein av deim som venta på
Guds rike - 52 den mannen gjekk til Pilatus og bad um
likamen åt Jesus, 53 tok honom ned, sveipte honom i
lin og lagde honom i ei grav som var hoggi i berget,
og som det endå ikkje var lagd nokon i. 54 Det var
då fyrebuingsdagen, og kviledagen var i kjømdi. 55
Nokre av dei kvinnorne som hadde vore med han frå
Galilæa, fylgde etter; dei skoda gravi og såg korleis
likamen hans vart lagd. 56 So gjekk dei heim att og
laga til angande kryddor og salvar. Kviledagen heldt
dei seg i ro etter lovi.

**24** Men den fyrste dagen i vika, tidleg i otta, kom dei
til gravi, og hadde med seg kryddorne som dei
hadde laga til. 2 Då fekk dei sjå at steinen var velt ifrå
gravi; 3 dei gjekk inn, men fann ikkje likamen åt Herren
Jesus. 4 Dei visste ikkje kva dei skulde tenkja um
dette; då stod det med ein gong tvo menner i skinande
klæde innmed deim, 5 og med dei fulle av otte stirde
nedfyre seg, sagde mennerne til deim: «Kvi leitar de
etter den livande millom dei daude? 6 Han er ikkje her;
han hev stade upp att. Kom i hug kva han sagde med
dykk då han endå var i Galilæa, 7 at Menneskjesonen
skulde gjevast i henderne på synduge menneskje og
krossfestast, og standa upp att tridje dagen!» 8 Då
kom dei i hug ordi hans, 9 og dei gjekk burt att frå
gravi, og fortalde alt dette til dei elleve og alle dei
andre. 10 Det var Maria Magdalena og Johanna og
Jakobs-Maria og dei hine kvinnorne i fylgjet deira - dei
sagde dette med apostlarne; 11 men dei tenkte det var
noko vas dei for med, og trudde deim ikkje. 12 Peter
sprang like vel av stad til gravi, og då han lutte seg
ned, såg han ikkje anna enn likklædi; so gjekk han
burt att, og undrast med seg yver det som var hendt.
13 Same dagen gjekk tvo av deim utetter til ein liten by
som heiter Emmaus, og ligg ei mil frå Jerusalem, 14
og på vegen tala dei med einannan um alt det som
nyst hadde hendt. 15 Med dei no gjekk og tala og
dryfte det med kvarandre, kom Jesus sjølv innåt og slo
fylgje med deim; 16 men augo deira var fjetra, so dei
kjende honom ikkje. 17 «Kva er det for ting de røder
so um, med de gjeng etter vegen?» spurde han. Då
stana dei, og det var sjåande til at dei sturde. 18 Og
den eine av deim - han heitte Kleopas - tok til ords og
sagde til honom: «Du må visst vera den einaste som
held til i Jerusalem og ikkje veit kva som hev hendt der
desse dagarne!» 19 «Kva for noko?» spurde han. «Det
med Jesus frå Nasaret, » svara dei, «han som var ein

profet, megtig i gjerning og ord for Gud og alt folket, **20** korleis øvsteprestarne og rådsherrarne våre fekk dømt honom frå livet og krossfeste honom. **21** Og me vona at han var den som skulde løysa ut Israel. Og med alt det so er det no på tridje dagen sidan dette gjekk fyre seg. **22** Men so hev og nokre kvinnor i flokken vår sett oss i uro og undring; dei var i otta ved gravi, **23** og fann ikkje likamen hans, men kom og fortalde at dei hadde set ei syn av englar, og at englarne hadde sagt at han liver. **24** Nokre av felagerne våre gjekk då ut til gravi, og fann det heiltupp so som kvinnorne hadde sagt, men honom såg dei ikkje.» **25** «Å, for uvituge de er, » svara han, «og for seinhuga til å tru alt det som profetarne hev tale! **26** Laut ikkje Messias lida dette, fyrr han kunde ganga inn til sin herlegdom?» **27** So tok han til frå Moses og alle profetarne, og i alle skrifterne lagde han ut for deim det som er sagt um honom der. **28** Då dei var tett innmed den byen dei skulde til, lest han vilja ganga lenger. **29** Men dei nøydde honom og sagde: «Ver hjå oss! Det lid til kvelds, og dagen hallar.» So gjekk han inn og var hjå deim. **30** Som han no sat til bords med deim, tok han brødet og velsigna det, og braut det og gav deim. **31** Då vart augo deira upplatne, so dei kjende honom att; men i det same kvarv han burt for augo deira. **32** Då sagde dei med einannan: «Brann ikkje hjarta i oss då han tala med oss på vegen, då han lagde ut skrifterne åt oss?» **33** Og dei tok ut i same stund, og gjekk attende til Jerusalem. Dei fann dei elleve og felagarne deira samla, og dei sagde: **34** «Herren hev sanneleg stade upp att, og hev synt seg for Simon.» **35** Og sjølve fortalde dei um det som hadde hendt på vegen, og korleis dei hadde kjent honom då han braut brødet. **36** Best dei tala um dette, stod han sjølv midt ibland deim og sagde: «Fred vere med dykk!» **37** Dei kvakk og vart rædde, og trudde det var ei ånd dei såg. **38** Då sagde han til deim: «Kvi er de so forstøkte, og kvifor vaknar det tvil i hjarta dykkar? **39** Sjå henderne og føterne mine, at det er eg sjølv! Kjenn på meg og sjå! Ei ånd hev då'kje kjøt og bein, som de ser eg hev.» **40** Då han hadde sagt det, synte han deim henderne og føterne sine. **41** Då dei endå ikkje kunde tru for gleda, men berre undra seg, sagde han: «Hev de noko etande her?» **42** Dei gav han eit stykke steikt fisk og noko av ei honningkaka, **43** og han tok det og åt det for augo deira. **44** So sagde han til deim: «Dette var det eg tala til dykk um då eg endå var i lag med dykk, at alt som er skrive um meg i Moselovi og profetarne og salmarne, laut sannast.» **45** So let han upp for tankarne deira, so dei kunde skyna skrifterne. **46** «So stend skrive, » sagde han, «at Messias skal lida og standa upp frå dei daude tridje dagen, **47** og i hans namn skal umvending og syndeforlating ropast ut for alle folkeslag; frå Jerusalem skal det ganga ut. **48** De skal sjølve vitna um dette. **49** Og no vil eg senda yver dykk det som far min hev lova; men de skal halda dykk rolege i byen, til de vert budde med kraft frå det høge.» **50** Sidan tok han deim med seg ut or byen, til burt imot Betania, og han lyfte upp henderne og velsigna deim. **51** Og med han lyste velsigningi, skildest han frå deim og for upp til himmelen. **52** Og dei kasta seg på kne og tilbad honom. So gjekk dei attende til Jerusalem i stor gleda, **53** og sidan var dei allstødt i templet og lova og prisa Gud.

# Johannes

**1** I upphavet var ordet, og ordet var hjå Gud, og ordet
var Gud. **2** Han var i upphavet hjå Gud. **3** All ting
vart til ved honom, og utan honom vart ikkje ein einaste
ting til av det som hev vorte til. **4** I honom var liv, og
livet var ljoset åt menneski. **5** Og ljoset skin i myrkret,
og myrkret fekk ikkje magt med det. **6** Det stod fram
ein mann, send ifrå Gud; Johannes er namnet hans. **7**
Den mannen kom til vitnemål, at han skulde vitna um
ljoset, so alle kunde tru ved honom. **8** Det var ikkje
han som var ljoset, men han skulde vitna um ljoset. **9**
Det sanne ljoset, som lyser upp kvart menneskje, var
den gongen på veg til verdi. **10** Han var i verdi, og
verdi hev vorte til ved honom, og verdi kjende honom
ikkje. **11** Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje
imot honom. **12** Men alle som tok imot honom, deim
gav han rett til å verta Guds born, deim som trur på
namnet hans, **13** som ikkje er fødde av blod, og ikkje
av kjøts vilje, og ikkje av manns vilje, men av Gud. **14**
Og Ordet vart kjøt og feste bu hjå oss, og me skoda
herlegdomen hans, ein sovoren herlegdom som ein
einboren Son hev frå Far sin, full av nåde og sanning.
**15** Johannes vitnar um honom og ropar ut: «Han var
det eg sagde soleis um: Den som kjem etter meg, hev
vorte fyre meg; for han var til fyrr enn eg.» **16** Ja, av
hans fullnad hev me alle fenge, og det nåde på nåde;
**17** for lovi vart gjevi gjenom Moses, nåden og sanningi
vart til ved Jesus Kristus. **18** Aldri hev nokon set Gud;
den einborne Sonen, som er i fanget åt Faderen, han
hev gjort honom kjend. **19** So var vitnemålet Johannes
gav då jødarne sende prestar og levitar frå Jerusalem,
som skulde spyrja honom: «Kven er du?» **20** Då sagde
han beint ut, og dulde ikkje fyre det; han sagde beint
ut: «Eg er ikkje Messias.» **21** «Kva er du då?» spurde
dei. «Er du Elia?» «Nei, det er eg ikkje, » sagde han.
«Er du profeten?» «Nei, » svara han. **22** «Kven er
du?» sagde dei då - «so me hev eit svar å gjeva deim
som hev sendt oss! Kva segjer du um deg sjølv?» **23**
Han sagde: «Eg er røysti som ropar i heidi: «Beinka
vegen åt Herren!» som profeten Jesaja segjer.» **24**
Dei som var sende, høyrde til farisæarflokken. **25** So
spurde dei honom: «Kvi døyper du då, når du ikkje
er Messias, og ikkje Elia, og ikkje profeten?» **26** «Eg
døyper med vatn, » svara Johannes; «midt ibland dykk
stend ein som de ikkje kjenner: **27** han som kjem etter
meg, og som eg ikkje er verdig til å løysa skobandet
åt.» **28** Dette gjekk fyre seg i Betania, på hi sida åt
Jordan, der Johannes var og døypte. **29** Dagen etter
ser han Jesus koma burt imot seg, og segjer: «Sjå der
er Guds lamb, som tek burt verdsens synd! **30** Det er
han eg sagde det um: Etter meg kjem ein mann som
hev vorte fyre meg; for han var til fyrr enn eg. **31** Eg
kjende honom ikkje, men for di han skulde openberrast
åt Israel, difor er det eg er komen og døyper med
vatn.» **32** Og Johannes vitna: «Eg hev set Anden
dala ned som ei duva frå himmelen, og han stana
yver honom. **33** Eg kjende honom ikkje, men han som
sende meg til å døypa med vatn, han sagde til meg:
«Den du ser Anden dalar ned imot og stanar yver, han
er den som døyper med den Heilage Ande.» **34** Og
eg hev set det, og hev vitna at han er Guds Son.»
**35** Andre dagen stod Johannes der atter med tvo av
læresveinarne sine. **36** Då ser han Jesus, som kom
gangande, og segjer: «Sjå der er Guds lamb!» **37** Dei
tvo læresveinarne høyrde kva han sagde, og fylgde
etter Jesus. **38** Då snudde Jesus seg, og då han såg
dei fylgde etter honom, sagde han til deim: «Kva vil
de?» «Kvar bur du, rabbi?» spurde dei - rabbi tyder
meister -. **39** «Kom, so skal de sjå!» svara han. So
gjekk dei med honom, og såg kvar han budde, og
dei vart verande hjå honom den dagen. Det var ikring
tiande timen. **40** Andreas, bror åt Simon Peter, var ein
av dei tvo som hadde høyrt ordi hans Johannes og
fylgt etter Jesus. **41** Han finn fyrst bror sin, Simon, og
segjer til honom: «Me hev funne Messias!» - Messias
er det same som Kristus -. **42** Han tok honom med
seg til Jesus. Jesus såg på honom og sagde: «Du er
Simon Johannesson; du skal kallast Kefas!» - Kefas
er det same som Peter -. **43** Dagen etter vilde Jesus
taka ut og fara til Galilæa. Han møter Filip, og segjer til
honom: «Fylg meg!» **44** Filip var frå Betsaida, same
byen som Andreas og Peter var ifrå. **45** Filip møter
Natanael, og segjer til honom: «Me hev funne den
som Moses hev skrive um i lovi, og som profetarne
hev skrive um; det er Jesus Josefsson frå Nasaret.»
**46** «Kann det koma noko godt frå Nasaret?» sagde
Natanael. «Kom og sjå!» svara Filip. **47** Jesus såg
Natanael koma burt imot seg, og sagde um honom:
«Sjå der er ein egte israelit, ein som det ikkje finst svik
i!» **48** Natanael segjer til honom: «Kvar kjenner du meg
ifrå?» «Eg såg deg då du var under fiketreet, fyrr Filip
ropa på deg, » svara Jesus. **49** Då tok Natanael til
ords og sagde til honom: «Rabbi, du er Guds Son, du
er Israels konge!» **50** «Trur du for di eg sagde deg at
eg hadde set deg innunder fiketreet?» svara Jesus;
«du skal få sjå større ting enn det. **51** Det segjer eg
dykk for visst og sant, » sagde han med honom: «De
skal sjå himmelen open og Guds englar stiga upp og
stiga ned yver Menneskjesonen.»

**2** Tridje dagen stod det eit brudlaup i Kana i Galilæa.
Mor åt Jesus var der, **2** og Jesus og læresveinarne
hans vart og bedne til brudlaupet. **3** Då vinen traut,
segjer mor åt Jesus til honom: «Dei hev ikkje vin!» **4**

«Kva vil du meg, kvinna?» svara Jesus; «mi tid er ikkje
endå komi.» 5 «Gjer alt han segjer til dykk!» sagde mor
hans til bordsveinarne. 6 Etter di no jødarne hev for
vis å två seg fyre måli, stod det der seks vats-kjer av
stein; kvart av deim tok tvo eller tri anker. 7 «Fyll kjeri
med vatn!» segjer Jesus til bordsveinarne. Då fyllte dei
kjeri heilt uppåt barden. 8 So sagde han til deim: «Aus
no upp, og ber det til kjøkemeisteren!» Dei so gjorde;
9 men då kjøkemeisteren hadde smaka på vatnet som
var vorte til vin, og ikkje visste kvar den vinen kom ifrå
- men bordsveinarne visste det, dei som hadde aust
upp vatnet - so ropa han på brudgomen, og sagde til
honom: 10 «Kvar mann set fyrst fram den gode vinen,
og når folk hev vorte drukne, den ringare; du hev
gøymt den gode vinen til no!» 11 Dette fyrste teiknet
sitt gjorde Jesus i Kana i Galilæa, og let sin herlegdom
skina fram; og læresveinarne hans trudde på honom.
12 Sidan for han ned til Kapernaum med mor si og
brørne og læresveinarne sine, og der vart dei verande
nokre få dagar. 13 Det leid til påskehelgi åt jødarne, og
Jesus for upp til Jerusalem. 14 I templet fann han folk
som selde uksar og sauer og duvor, og andre som sat
og veksla pengar. 15 Då gjorde han seg ei svepa av
reimar og dreiv deim alle ut or templet, og sauerne og
uksarne med; småpengarne åt vekslarane kasta han
utyver, og velte bordi deira, 16 og til duvekræmarane
sagde han: «Burt med dette! Gjer ikkje huset åt Far
min til ei krambud!» 17 Og læresveinarne kom i hug
at det stend skrive: «Brennhug for ditt hus kjem til å
eta meg upp.» 18 Då tok jødarne til ords og sagde til
honom: «Kva teikn syner du oss, sidan du gjer dette?»
19 Jesus svara: «Riv dette templet ned, og eg skal reisa
det upp att på tri dagar!» 20 «I seks og fyrti år hev det
vore bygt på dette templet, » sagde dei då, «og du vil
reisa det upp att på tri dagar!» 21 Men det var likams-
templet sitt han tala um. 22 Då han no hadde stade
upp frå dei daude, kom læresveinarne hans i hug at
han hadde sagt dette, og dei trudde Skrifti og det ordet
Jesus hadde sagt. 23 Medan han var i Jerusalem i
påskehelgi, på høgtidi, trudde mange på namnet hans
då dei såg dei teikni han gjorde. 24 Men sjølv trudde
Jesus seg ikkje til deim, av di han kjende alle, 25 og
ikkje trong at nokon skulde vitna um noko menneskje;
for han visste sjølv kva som budde i det menneskjet.

**3** Det var ein mann av farisæarflokken som heitte
Nikodemus, ein av rådsherrarne åt jødarne. 2 Han
kom ein gong til Jesus um natti og sagde: «Rabbi, me
veit at du er ein lærar som er komen frå Gud; for ingen
kann gjera desse teikni som du gjer, utan Gud er med
honom.» 3 Jesus svara: «Det segjer eg deg for sant
og visst: Ingen kann sjå Guds rike utan han vert fødd
på nytt.» 4 Nikodemus segjer til honom: «Korleis kann
ein som er gamall verta fødd? han kann då vel ikkje
koma inn i livet åt mor si andre gongen, og fødast til
verdi!» 5 Jesus svara: «Det segjer eg deg for sant
og visst: Utan ein vert fødd av vatn og ånd, kann han
ikkje koma inn i Guds rike. 6 Det som er født av kjøtet,
er kjøt, og det som er født av åndi, er ånd. 7 Undrast
ikkje på at eg sagde med deg: De lyt fødast på nytt! 8
Vinden blæs kvar han vil, og du høyrer han tyt, men
du veit ikkje kvar han kjem ifrå eller kvar han fer av.
So er det med kvar som er fødd av åndi». 9 «Korleis
kann det ganga til?» spurde Nikodemus. 10 «Du er
Israels lærar, og veit ikkje det!» svara Jesus. 11 «Det
segjer eg deg for visst og sant: Me talar um det me
veit, og vitnar um det me hev set, men de tek ikkje
imot vitnemålet vårt! 12 Når eg hev tala til dykk um det
som høyrer jordi til, og de ikkje trur, korleis skal de då
tru når eg talar til dykk um det som høyrer himmelen
til? 13 Og ingen hev stige upp til himmelen utan han
som steig ned frå himmelen, Menneskjesonen, som
var i himmelen. 14 Og liksom Moses lyfte upp ormen i
øydemarki, soleis lyt Menneskjesonen lyftast upp, 15
so kvar den som trur, skal hava æveleg liv i honom.
(aiōnios g166) 16 For so elska Gud verdi at han gav Son
sin, den einborne, so kvar den som trur på honom,
ikkje skal verta fortapt, men hava æveleg liv. (aiōnios
g166) 17 For Gud sende ikkje Son sin til verdi so han
skulde døma verdi, men so verdi skulde verta frelst
ved honom. 18 Den som trur på honom, vert ikkje
dømd; den som ikkje trur, er alt dømd, for di han ikkje
hev trutt på namnet åt Guds einborne Son. 19 Og
dette er domen: Ljoset hev kome til verdi, og menneski
lika myrkret betre enn ljoset, for gjerningarne deira var
vonde. 20 For kvar den som driv på med det som låkt
er, hatar ljoset, og kjem ikkje til ljoset; for han vil ikkje
at gjerningarne hans skal koma upp i dagen, slike dei
er. 21 Men den som gjer etter sanningi, kjem til ljoset,
so gjerningarne hans kann verta synberre; for dei er
gjorde i Gud.» 22 Sidan kom Jesus og læresveinarne
hans til Juda-bygderne, og der var han ei tid med
deim, og døypte. 23 Johannes døypte og då; det var i
Ænon, tett med Salim, han døypte; for det var mykje
vatn der; og folk kom dit og let seg døypa. 24 Den
tid var Johannes endå ikkje sett i fengsel. 25 So vart
det eit ordskifte millom læresveinarne åt Johannes
og ein Juda-mann um reinsingi. 26 Og dei kom til
Johannes og sagde: «Rabbi, han som var i hop med
deg på hi sida åt Jordan, han som du hev vitna for,
han døyper, og alle kjem til honom.» 27 Johannes
svara: «Eit menneskje kann ikkje få noko, utan det
er gjeve honom frå himmelen. 28 De er sjølve vitni
mine at eg sagde: «Eg er ikkje Messias, » men: «Eg
er send fyre honom.» 29 Det er brudgomen som hev

bruri; men belesveinen, som stend innmed og lyder på
brudgomen, gleder seg hjarteleg når han høyrer målet
hans. Slik gleda hev eg no fenge, og det i fullt mål. 30
Han lyt veksa, eg lyt minka. 31 Den som kjem ovantil,
er yver alle; den som er frå jordi, er av jordi, og det
han talar, er av jordi. Den som kjem frå himmelen, er
yver alle; 32 det han hev set og høyrt, det vitnar han
um, men ingen tek imot vitnemålet hans. 33 Den som
hev teke imot hans vitnemål, hev stadfest at Gud er
sannordig. 34 For den som Gud sende, talar Guds
ord; for Gud gjev honom Anden umælt. 35 Faderen
elskar Sonen, og hev gjeve alt i hans hender. 36 Den
som trur på Sonen, hev æveleg liv; men den som ikkje
lyder Sonen, fær ikkje sjå livet, men Guds vreide vert
verande yver honom». (aiōnios g166)

4 Då no Jesus fekk vita at farisæarane hadde høyrt
han vann fleire læresveinar og døypte fleire enn
Johannes 2 - endå det var ikkje Jesus sjølv som
døypte, men læresveinarne hans - 3 so tok han ut frå
Judæa og for til Galilæa att. 4 Han laut fara gjenom
Samaria, 5 og kom då til ein by i Samaria som heiter
Sykar og ligg tett ved den marki som Jakob gav Josef,
son sin. 6 Der var Jakobs-kjelda. Jesus var trøytt etter
ferdi, og sette seg beint ned der innmed kjelda; det
var ikring den sette timen. 7 Då kjem det ei kvinna
frå Samaria og vil draga upp vatn. Jesus segjer til
henne: «Lat meg få drikka!» 8 For læresveinarne
hans hadde gjenge inn til byen og skulde kjøpa mat.
9 «Korleis hev det seg, » segjer den samaritanske
kvinna, «at du, som er jøde, bed meg, ei samaritansk
kvinna, um drikka?» - for jødarne hev ikkje nokoslag
samlag med samaritanarne. 10 Jesus svara: «Dersom
du kjende Guds gåva, og visste kven han er, han som
bed deg um drikka, so bad du honom, og han gav
deg livande vatn.» 11 «Herre, » segjer kvinna, «du
hev ingen ting å draga upp med, og brunnen er djup!
Kvar hev du då det livande vatnet frå? 12 Er då du
større enn Jakob, ættfaren vår, som hev gjeve oss
brunnen? han hev sjølv drukke av honom, og sønerne
og feet hans med.» 13 Jesus svara: «Kvar den som
drikk av dette vatnet, vert tyrst att, 14 men den som
drikk av det vatnet eg vil gjeva honom, vert aldri tyrst
meir; for det vatnet eg gjev honom, vert i honom til
ei kjelda med vatn som vell upp til ævelegt liv.» (aiōn
g165, aiōnios g166) 15 «Herre, » sagde kvinna, «gjev
meg det vatnet, so eg ikkje vert tyrst meir, og ikkje
treng koma alt hit og draga upp vatn!» 16 Han segjer
til henne: «Gakk og henta mannen din, og kom hit
att!» 17 «Eg hev ingen mann, » svara kvinna. «Det
er rett som du segjer, at du ikkje hev nokon mann, »
sagde Jesus; 18 «for du hev havt fem menner, og den
du hev no, er ikkje din mann. No sagde du sant.» 19
«Herre, eg ser at du er ein profet!» sagde kvinna. 20
«Federne våre tilbad Gud på dette fjellet, og de segjer
at det er i Jerusalem ein skal tilbeda honom.» 21 Jesus
segjer til henne: «Tru meg, kvinna; det kjem ei tid då
de ikkje skal tilbeda Faderen på dette fjellet og ikkje i
Jerusalem heller. 22 De tilbed det de ikkje kjenner, me
tilbed det me kjenner; for frelsa kjem frå jødarne. 23
Men det kjem ei tid, og ho hev alt kome, då dei rette
tilbedarane skal tilbeda Faderen i ånd og sanning; for
slike tilbedarar er det Faderen vil hava. 24 Gud er ånd,
og dei som tilbed honom, lyt tilbeda i ånd og sanning.»
25 Kvinna segjer til honom: «Eg veit at Messias kjem»
- Messias er det same som Kristus -; «når han kjem,
skal han læra oss alt.» 26 Jesus segjer til henne: «Det
er eg - eg som talar med deg.» 27 I det same kom
læresveinarne hans. Dei undra seg yver at han tala
med ei kvinna; like vel var det ingen som sagde: «Kva
vil du henne?» eller: «Kvi talar du med henne?» 28 So
let kvinna vatskrukka si standa, og gjekk av stad til
byen og sagde til folki: 29 «Kom, so skal de sjå ein
mann som hev sagt meg alt eg hev gjort! Skal tru han
er Messias?» 30 Då gjekk dei ut or byen. Med dei var
på vegen til honom, 31 bad læresveinarne honom:
«Et, rabbi!» 32 Han svara: «Eg hev ein mat som ikkje
de veit um.» 33 Då sagde læresveinarne seg imillom:
«Tru nokon hev bore mat til honom?» 34 Jesus segjer
til deim: «Min mat er at eg gjer det han vil som sende
meg, og fullfører hans verk. 35 Segjer ikkje de: «Det
er endå fire månader fyrr hausten kjem?» Men høyr
kva eg segjer dykk: Lyft upp augo dykkar og skoda
åkrane, korleis dei alt gulnar mot hausten. 36 Den som
haustar fær løn, og samlar grøda til ævelegt liv, so dei
skal få gleda seg saman både den som sår og den
som haustar. (aiōnios g166) 37 For her høver det ordet:
«Det er ein som sår og ein annan som haustar.» 38 Eg
hev sendt dykk ut til å hausta det som de ikkje hev
havt noko arbeidt med; andre hev havt arbeidet, og de
hev gjenge inn i arbeidet deira.» 39 Det var mange av
samaritanarne frå den byen som trudde på honom for
det som kvinna hadde sagt då ho vitna: «Han hev sagt
meg alt eg hev gjort!» 40 Då no samaritanarne kom til
honom, bad dei at han vilde vera hjå deim, og han vart
verande der tvo dagar. 41 Og mange fleire trudde for
skuld ordet han tala, 42 og dei sagde til kvinna: «No
trur me'kje lenger for skuld det du hev tala; for me hev
sjølve høyrt honom og veit no for visst at han er den
som skal frelsa verdi.» 43 Då dei tvo dagarne var lidne,
tok han ut derifrå og for til Galilæa; 44 for Jesus vitna
sjølv at ein profet vert ikkje æra i sitt eige fedreland. 45
Då han no kom til Galilæa, tok galilæarane vel imot
honom; dei hadde set alt det han gjorde i Jerusalem på
høgtidi; for dei var sjølve komne til høgtidi. 46 So kom

han då atter til Kana i Galilæa, der han hadde gjort
vatn til vin. I Kapernaum var det ein kongsmann som
hadde ein sjuk son. 47 Då han fekk høyra at Jesus
hadde teke ut frå Judæa og var komen til Galilæa,
gjekk han til honom og bad at han vilde koma ned og
lækja son hans; for han låg på det siste. 48 Jesus
svara: «Ser de'kje teikn og under, so trur de ikkje.»
49 Kongsmannen segjer til honom: «Herre, kom ned
innan barnet mitt døyr!» 50 Jesus segjer til honom:
«Gakk heim att! Son din liver.» Mannen trudde det
Jesus sagde til honom og gjekk. 51 Då han alt var
på heimvegen, kom tenarane hans imot honom og
sagde at guten hans livde. 52 So spurde han deim
kva tid det hadde vorte betre med honom. «I går den
sjuande timen slepte sotti honom, » sagde dei. 53 Då
skyna faren at det var i den same timen som Jesus
hadde sagt til honom: «Son din liver, » og han trudde,
både han og heile hans hus. 54 Dette var det andre
teiknet Jesus gjorde då han no atter kom frå Judæa til
Galilæa.

5 Ei tid etterpå var det ei av høgtiderne åt jødarne,
og Jesus for upp til Jerusalem. 2 Ved Saueporten i
Jerusalem er det ein dam som dei på hebraisk kallar
Betesda, med fem sulehallar kringum; 3 i deim låg det
ei heil mengd med sjuke - blinde, halte, nomne - som
venta på at vatnet skulle rørast upp; 4 for ein engel for
frå tid til tid ned i dammen og rørde upp vatnet, og den
fyrste som då steig uti, etter at vatnet var upprørt, han
vart frisk, kva sjukdom han so leid av. 5 No var det
der ein mann som hadde dregest med sjukdomen sin
i åtte og tretti år. 6 Då Jesus såg honom liggja der,
og fekk vita at han hadde vore sjuk i lang tid, sagde
han til honom: «Vil du verta frisk?» 7 «Herre, » svara
den sjuke, «eg hev ingen som kann bera meg ned i
dammen når vatnet tek til å rørast, og med eg er på
vegen, stig ein annan ned fyre meg.» 8 Jesus segjer til
honom: «Statt upp, tak sengi di og gakk!» 9 Og straks
vart mannen frisk, og tok sengi si og gjekk. Det var
ein kviledag dette hende; 10 difor sagde jødarne til
den som hadde vorte lækt: «Det er kviledag! Du hev
ikkje lov til å bera sengi.» 11 Han svara: «Den som
gjorde meg frisk, han sagde til meg: «Tak sengi di og
gakk!»» 12 Dei spurde honom: «Kva var det for ein
mann som sagde til deg: «Tak sengi di og gakk?»»
13 Men den som hadde vorte lækt, visste ikkje kven
det var, for Jesus hadde drege seg undan av di det
var so mykje folk der på staden. 14 Sidan fekk Jesus
sjå honom i templet og sagde til honom: «No hev du
fenge att helsa di. Synda no ikkje meir! elles kunde det
henda deg noko verre!» 15 Mannen gjekk av stad og
sagde med jødarne at det var Jesus som hadde gjort
honom frisk. 16 Og difor forfylgde jødarne Jesus, sidan
han gjorde slikt på ein kviledag. 17 Han svara deim:
«Far min arbeider til no; eg arbeider og.» 18 Difor var
jødarne endå meir huga på å drepa honom, sidan han
ikkje berre braut helgi, men jamvel kalla Gud Far sin,
og gjorde seg sjølv lik med Gud. 19 So tok Jesus til
ords og sagde til deim: «Det segjer eg dykk for visst og
sant: Sonen kann ingen ting gjera av seg sjølv, anna
enn det han ser Faderen gjer; for det han gjer, det gjer
Sonen og like eins. 20 For Faderen Sonen kjær, og
syner honom alt det han gjer sjølv, og han skal syna
honom større verk enn desse, so de skal koma til å
undrast. 21 For liksom Faderen vekkjer upp dei daude
og gjev deim liv, soleis gjev Sonen og liv åt kven han
vil. 22 For Faderen dømer ikkje heller nokon, men hev
gjeve heile domen yver til Sonen, 23 so alle skal æra
Sonen som dei ærar Faderen. Den som ikkje ærar
Sonen, ærar ikkje Faderen, som hev sendt honom. 24
Det segjer eg dykk for visst og sant: Den som høyrer
mitt ord og trur den som sende meg, han hev ævelegt
liv, og kjem ikkje for domen, men hev gjenge yver frå
dauden til livet. (aiōnios g166) 25 Det segjer eg dykk for
visst og sant: Det kjem ei tid, ja, ho hev alt kome, då
dei daude skal høyra røysti åt Guds Son, og dei som
lyder på henne, skal liva. 26 For liksom Faderen hev liv
i seg sjølv, so gav han og Sonen den gåva at han hev
liv i seg sjølv; 27 og han gav honom fullmagt til å halda
dom, av di han er ein menneskjeson. 28 De må ikkje
undrast på det! For det kjem ein time då alle dei som
ligg i graverne skal høyra hans røyst, 29 og dei skal
koma ut; dei som hev gjort godt, skal standa upp til liv,
og dei som hev gjort vondt, skal standa upp til dom. 30
Eg kann ikkje gjera noko av meg sjølv; eg dømer etter
det eg høyrer, og domen min er rettferdig; for eg gjeng
ikkje etter min eigen vilje, men etter hans vilje som
sende meg. 31 Dersom eg vitnar um meg sjølv, so
sæter ikkje vitnemålet mitt. 32 Det er ein annan som
vitnar um meg, og eg veit at det vitnemålet han gjev
meg, er sant. 33 De hev sendt bod til Johannes, og
han hev vitna for sanningi. 34 Men eg tek ikkje mot
vitnemål av noko menneskje; dette nemner eg berre
av di eg gjerne vil de skal frelsast. 35 Han var lampa
som brann og skein, og de hadde hug til å gleda dykk
eit bil i ljoset hans. 36 Men eg hev eit vitnemål som er
større enn det frå Johannes; for dei verki som Far min
hev gjeve meg, og vil eg fullføra, sjølve dei verki eg
gjer, vitnar um meg at Faderen hev sendt meg. 37 Og
Faderen, som sende meg, hev sjølv vitna um meg.
Hans røyst hev de aldri høyrt, og hans skapnad hev de
aldri set, 38 og hans ord ber de ikkje i hjarta dykkar; for
den han sende, honom trur de ikkje. 39 De granskar
skrifterne av di de tenkjer at de hev eit ævelegt liv i
deim, og dei er det som vitnar um meg. (aiōnios g166)

40 Og endå vil de ikkje koma til meg, so de kann hava
liv. 41 Eg tek ikkje mot æra av menneskje, 42 men
eg kjenner dykk og for at de ikkje hev kjærleiken til
Gud i dykk. 43 Eg er komen i far min's namn, og de
tek ikkje imot meg; kjem ein annan i sitt eige namn -
honom tek de imot! 44 Korleis kann de tru, de som
tek imot æra av kvarandre, men ikkje søkjer den æra
som kjem frå den einaste Gud? 45 De må'kje tenkja
eg vil klaga dykk for far min! Det er ein som klagar
dykk, Moses, han som de hev sett dykkar von til. 46
For trudde de Moses, so trudde de meg; for det er
meg han hev skrive um. 47 Men når de ikkje trur hans
skrifter, korleis skal de då tru mine ord?»

6 Sidan for Jesus burt til hi sida av Galilæa- eller
Tiberias-sjøen. 2 Og det fylgde honom mykje folk,
av di dei såg dei teikni han gjorde på dei sjuke. 3 Men
Jesus gjekk upp i fjellet, og der sette han seg med
læresveinarne sine. 4 Det leid då mot påskehelgi åt
jødarne. 5 Som no Jesus såg upp og vart var at det
kom mykje folk til honom, segjer han til Filip: «Kvar
skal me kjøpa brød, so desse folki kann få noko å
eta?» 6 Det sagde han av di han vilde røyna honom;
for han visste sjølv kva han vilde gjera. 7 «Brød for eit
halvt hundrad dalar rekk ikkje til, so kvar av deim kann
få eit lite stykke, » svara Filip. 8 Ein av læresveinarne
hans - det var Andreas, bror åt Simon Peter - segjer til
honom: 9 «Her er ein liten gut som hev fem byggbrød
og tvo fiskar, men kva er det åt so mange?» 10 «Lat
folket setja seg!» sagde Jesus. Det var mykje gras på
den staden; so sette mennerne seg; dei var um lag
fem tusund i talet. 11 Då tok Jesus brødi, og takka,
og skifte deim ut til deim som sat der, og like eins av
fiskarne, so mykje dei vilde hava. 12 Då dei var mette,
segjer han til læresveinarne: «Sanka i hop dei molarne
som att er, so ingen ting vert spillt!» 13 So gjorde
dei det, og dei fyllte tolv korger med molarne som
var att av dei fem byggbrødi etter deim som hadde
ete. 14 Då no folket såg det teiknet han hadde gjort,
sagde dei: «Dette er visst og sant profeten som skal
koma til verdi!» 15 Då skyna Jesus at dei vilde koma
og taka honom med magt og gjera honom til konge;
difor drog han seg undan og gjekk upp i fjellet att, han
åleine. 16 Då det vart kveld, gjekk læresveinarne ned
til sjøen; 17 dei steig ut i båten og vilde fara yver sjøen,
til Kapernaum. Det var alt myrkt vorte, og Jesus var
endå ikkje komen til deim. 18 Bårorne gjekk høgt; for
det bles ein hard vind. 19 Då dei so hadde rott umlag
ei halv mil eller halvtridje fjordung, ser dei at Jesus
kjem gangande på sjøen og kjem næmare og næmare
innåt båten. Dei vart rædde, 20 men han sagde: «Det
er eg; ver ikkje rædde!» 21 Då vilde dei taka honom
upp i båten, og straks var båten ved det landet dei
skulde til. 22 Dagen etter stod det endå ein folkehop
på hi sida av sjøen; dei hadde set at det ikkje var meir
enn ein båt der, og at Jesus ikkje gjekk i båten med
læresveinarne sine, men læresveinarne tok av stad
åleine. 23 Men det kom båtar frå Tiberias, tett innmed
den staden dei hadde halde måltid etterpå Herrens
takkebøn. 24 Då no folket såg at Jesus ikkje var der,
og ikkje læresveinarne hans heller, steig dei sjølve i
båtarne og for til Kapernaum og leita etter Jesus, 25
og då dei fann han der, på hi sida av sjøen, sagde dei
til honom: «Når kom du hit, meister?» 26 Jesus svara
deim: «Det segjer eg dykk for visst og sant: Det er'kje
for di de såg teikn at de leitar etter meg, men for di de
åt av brødi og vart mette. 27 Vinn dykk ikkje føda som
forgjengst, men føda som varer og gjev eit ævelegt liv!
Den skal Menneskjesonen gjeva dykk; for honom hev
Faderen, Gud, sett sitt innsigle på.» (aiōnios g166) 28 Då
sagde dei til honom: «Korleis skal me fara åt, so me
kann gjera Guds gjerningar?» 29 Jesus svara: «Det er
Guds gjerning, at de skal tru på den som han sende.»
30 Då sagde dei til honom: «Kva teikn gjer då du, so
me kann sjå det og tru deg? kva for verk gjer du? 31
Federne våre åt manna i øydemarki, som skrive stend:
«Han gav dei brød frå himmelen å eta.»» 32 Då sagde
Jesus til deim: «Det segjer eg dykk for visst og sant:
Moses gav dykk ikkje brødet frå himmelen, men Far
min gjev dykk det rette brødet frå himmelen; 33 for
Guds-brødet er det brødet som kjem ned frå himmelen
og gjev verdi liv.» 34 Då sagde dei til honom: «Herre,
gjev oss alltid det brødet!» 35 Jesus svara: «Eg er
livsens brød; den som kjem til meg, skal ikkje hungra,
og den som trur på meg, skal aldri tyrsta. 36 Men
eg sagde dykk at de hev set meg og endå ikkje trur.
37 Alle som Far min gjev meg, kjem til meg, og den
som kjem til meg, skal eg so visst ikkje visa burt; 38
for eg hev kome ned frå himmelen, ikkje til å gjera
det eg sjølv vil, men det han vil som sende meg, 39
og det er hans vilje som sende meg, at eg ikkje skal
missa nokon av deim han hev gjeve meg, men vekkja
deim upp att på den siste dag. 40 For so vil Far min,
at kvar den som ser Sonen og trur på honom, skal
hava ævelegt liv, og at eg skal vekkja honom upp att
på den siste dag.» (aiōnios g166) 41 Då murra jødarne
og fann åt honom, for di han sagde: «Eg er brødet
som kom ned frå himmelen.» 42 «Er'kje dette Jesus
Josefsson? sagde dei; «me kjenner då både far hans
og mor hans; korleis hev det seg at han no segjer: «Eg
hev kome ned frå himmelen?»» 43 Då tok Jesus til
ords og sagde til deim: «Haldt ikkje på å murra dykk
imillom! 44 Ingen kann koma til meg utan Faderen,
som sende meg, hev drege honom, og eg skal vekkja
honom upp att på den siste dag. 45 Det stend skrive

hjå profetarne: «Og alle skal dei vera upplærde av
Gud.» Kvar som hev lydt på Faderen og lært, han kjem
til meg. 46 Ikkje so at nokon hev set Faderen utan han
som er frå Gud, han hev set Faderen. 47 Det segjer eg
dykk for visst og sant: Den som trur, hev ævelegt liv.
(aiōnios g166) 48 Eg er livsens brød. 49 Federne dykkar
åt manna i øydemarki og døydde; 50 her er det brødet
som kjem ned frå himmelen, so den som et av det
ikkje skal døy. 51 Eg er det livande brødet som kom
ned frå himmelen; dersom nokon et av det brødet, skal
liva i all æva; og brødet eg vil gjeva, er kjøtet mitt, som
eg gjev til liv for verdi.» (aiōn g165) 52 Då trætta jødarne
med kvarandre og sagde: «Korleis kann han gjeva
oss kjøtet sitt å eta?» 53 Då sagde Jesus til deim: Det
segjer eg dykk for visst og sant: Et de ikkje kjøtet åt
Menneskjesonen, og drikk blodet hans, so hev de ikkje
liv i dykk. 54 Den som et mitt kjøt og drikk mitt blod,
hev eit ævelegt liv, og eg skal vekkja honom upp att på
den siste dag. (aiōnios g166) 55 For kjøtet mitt er retteleg
mat, og blodet mitt er retteleg drykk. 56 Den som et
mitt kjøt og drikk mitt blod, han vert verande i meg,
og eg i honom. 57 Som den livande Faderen sende
meg, og eg liver ved Faderen, so skal og den som et
meg liva ved meg. 58 Det er brødet som kom ned frå
himmelen; det er'kje som det federne dykkar åt, og so
døydde: den som et dette brødet, skal liva i all æva.»
(aiōn g165) 59 Dette sagde han i eit synagogemøte, med
han lærde i Kapernaum. 60 Mange av læresveinarne
hans sagde då dei høyrde det: «Dette er stride ord,
kven kann lyda på honom?» 61 Jesus visste med seg
at læresveinarne hans murra um dette, og han sagde
til deim: «Støyter de dykk på dette? 62 Enn um de no
fær sjå Menneskjesonen fara upp dit han var fyrr! 63
Det er åndi som gjev liv; kjøtet gjer ikkje noko gagn.
Dei ordi eg hev tala til dykk, er ånd, og er liv; 64 men
det er nokre av dykk som ikkje trur.» For Jesus visste
frå fyrste stund kven det var som ikkje trudde, og kven
det var som skulde svika honom. 65 Og han sagde:
«Difor var det eg sagde dykk at ingen kann koma til
meg utan det er gjeve honom av Faderen.» 66 For
dette var det mange av læresveinarne hans som drog
seg undan og ikkje gjekk ikring med honom lenger. 67
Då sagde Jesus til dei tolv: «Vil de og ganga dykkar
veg?» 68 Simon Peter svara: «Herre, kven skulde
me ganga til? Du hev det ævelege livs ord, (aiōnios
g166) 69 og me trur og veit at du er den Heilage frå
Gud.» 70 «Hev eg ikkje sjølv valt dykk ut, alle tolv?»
svara Jesus, «og ein av dykk er ein djevel!» 71 Han
meinte Judas, son åt Simon Iskariot; for det var han
som sidan skulde svika honom - han, ein av dei tolv.

**7** Sidan for Jesus kringum i Galilæa; han vilde ikkje
ferdast kring i Judæa; for jødarne sat um og vilde
drepa honom. 2 So leid det fram til den jødiske
høgtidi dei kallar lauvhyttehelgi. 3 Då sagde brørne
hans til honom: «Flytt herifrå, og far til Judæa, so
læresveinarne dine og kann få sjå dei verki du gjer! 4
For ingen som vil vera namnspurd, gjer noko i løynd.
Når du gjer slike ting, so syn deg fram for verdi!» 5
For brørne hans trudde ikkje på honom, dei heller.
6 Jesus svara: «Mi tid er endå ikkje komi; men for
dykk er det allstødt lagleg tid. 7 Verdi kann ikkje hata
dykk; men meg hatar ho, for di eg vitnar um henne,
at gjerningarne hennar er vonde. 8 Far de upp til
høgtidi! Eg fer ikkje upp til denne høgtidi; for mi tid er
endå ikkje fullkomi.» 9 Dette sagde han med deim, og
vart verande i Galilæa. 10 Men då brørne hans var
farne upp til høgtidi, då for han og dit, ikkje berrsynt,
men som i løynd. 11 Jødarne leita no etter honom på
høgtidi og sagde: «Kvar er han, denne mannen?» 12
Og det vart mykje mulling um honom millom folket;
sume sagde: «Det er ein god mann!» andre sagde:
«Nei, han forvillar folket!» 13 Men ingen tala fritt ut
um honom; for dei var rædde jødarne. 14 Då det alt
leid midt uti høgtidi, gjekk Jesus upp i templet og
lærde. 15 Jødarne undra seg og sagde: «Kvar hev
han lærdomen sin frå, som ikkje hev gjenge på nokon
skule?» 16 Då tok Jesus til ords og sagde til deim: «Mi
læra er'kje mi, men hans som sende meg. 17 Vil nokon
gjera etter hans vilje, skal han få røyna um læra er frå
Gud, eller um eg talar av meg sjølv. 18 Den som talar
av seg sjølv, søkjer si eigi æra; men den som søkjer
æra åt den som hev sendt honom, er sannordig, og
det finst ikkje urett i honom. 19 Hev'kje Moses gjeve
dykk lovi? og ingen av dykk held lovi. Kvi tenkjer de
på å drepa meg?» 20 «Du er forgjord!» svara folket,
«kven tenkjer på å drepa deg?» 21 Jesus svara deim:
«Eg gjorde eitt verk, som de alle undrar dykk yver.
22 Moses hev gjeve dykk umskjeringi - ja, ho er no
ikkje frå Moses, men frå federne - og de umskjer eit
menneskje på kviledagen. 23 Når no eit menneskje fær
umskjeringi på kviledagen, so ikkje lovi åt Moses skal
brjotast, er de då harme på meg for di eg gjorde eit
heilt menneskje godt att på ein kviledag? 24 Døm ikkje
etter det som er utvendes, men lat domen dykkar vera
rettferdig!» 25 Det var nokre av Jerusalems-buarne
som sagde: «Er'kje dette den mannen som dei tenkjer
på å drepa? 26 og no talar han fritt ut, og dei segjer
ikkje eit ord til honom! Skulde dei styrande retteleg ha
skyna at han er Messias? 27 Men um denne mannen
veit me kvar han er ifrå, og når Messias kjem, veit
ingen kvar han er ifrå.» 28 Difor ropa Jesus, med han
lærde i templet: «Ja, de kjenner meg, og de veit og
kvar eg er ifrå; og endå er eg ikkje komen av meg
sjølv, men det er i røyndi ein som hev sendt meg, ein

som de ikkje kjenner; 29 eg kjenner honom, for eg
kjem ifrå honom, og det var han som sende meg.» 30
Då vilde dei gripa honom; men ingen lagde hand på
honom; for endå var'kje tidi hans komi. 31 Men mange
av folket trudde på honom og sagde: «Når Messias
kjem, tru han då gjer fleire teikn enn denne mannen
hev gjort?» 32 Farisæarane høyrde at folket mulla
soleis um honom, og øvsteprestarne og farisæarane
sende tenarar som skulde gripa honom. 33 Då sagde
Jesus: «Endå eit lite bil er eg hjå dykk, so gjeng eg
til honom som hev sendt meg; 34 de skal leita etter
meg og ikkje finna meg, og der eg er, kann ikkje de
koma.» 35 So sagde jødarne seg imillom: «Kvar vil
han fara av, sidan me ikkje skal finna honom? Tru han
vil fara til deim som bur rundt ikring millom grækarane,
og læra grækarane? 36 Kva meinte han med dei ordi
han sagde: «De skal leita etter meg og ikkje finna
meg, og der eg er, kann ikkje de koma?»» 37 Den
siste dagen, den største i høgtidi, stod Jesus og ropa
ut: «Er det nokon som er tyrst, so lat honom koma til
meg og drikka! 38 Den som trur på meg, frå hans liv
skal det, som Skrifti segjer, renna elvar med livande
vatn.» 39 Det sagde han um Anden som dei skulde få,
dei som trudde på honom; for endå var ikkje Anden
komen, av di Jesus endå ikkje var herleggjord. 40
Sume bland folket sagde då dei høyrde dei ordi: «Dette
er visst og sant profeten.» 41 Andre sagde: «Det er
Messias.» Men sume sagde: «Messias kjem då vel
ikkje frå Galilæa? 42 Hev ikkje Skrifti sagt at Messias
er av Davids ætt, og kjem frå Betlehem, den grendi
som David åtte heime i?» 43 Soleis kløyvde folket seg
i flokkar for hans skuld, 44 og sume av deim var huga
til å gripa honom, men ingen lagde hand på honom.
45 Då tenararne kom attende, sagde øvsteprestarne
og farisæarane til deim: «Kvi tok de honom ikkje med
dykk?» 46 Tenarane svara: «Aldri hev noko menneskje
tala som honom!» 47 Då sagde farisæarane: «Hev de
og vorte dåra? 48 Er det nokon av dei styrande som
trur på honom, eller av farisæarane? 49 Men denne
mugen, som ikkje kjenner lovi, er forbanna.» 50 Segjer
Nikodemus, han som fyrr ein gong var komen til Jesus,
og som høyrde til flokken deira: 51 «Dømer lovi vår
nokon mann, fyrr dei hev høyrt på honom og fenge
vita kva han gjer?» 52 «Er du og frå Galilæa, kann
henda?» svara dei. «Granska etter, so fær du sjå at
det aldri kjem nokon profet frå Galilæa!» 53 So gjekk
kvar heim til seg.

**8** Jesus gjekk til Oljeberget. 2 Andre morgonen var
han atter i templet; alt folket kom til honom, og han
sette seg og lærde deim. 3 Då kjem dei skriftlærde og
farisæarane med ei kona som var teki i egteskapsbrot;
dei stelte henne midt framfyre honom 4 og sagde:
«Meister, denne kona hev dei kome yver med ho
gjorde hor. 5 Moses hev sagt oss fyre i lovi at slike
kvinnor skal steinast; kva segjer no du?» 6 Det sagde
dei av di dei vilde freista honom, so dei kunde hava
noko å klaga honom for. Jesus lutte seg ned og skreiv
med fingeren på marki. 7 Då dei heldt på og spurde,
rette han seg upp og sagde: «Lat den av dykk som er
syndelaus kasta den fyrste steinen på henne!» 8 So
lutte han seg ned att, og skreiv på marki. 9 Men då dei
høyrde det, gjekk dei burt, ein etter ein - dei eldste fyrst
- so Jesus vart åleine att med kona som stod der. 10
Då rette han seg upp og sagde til henne: «Kvar er dei,
kona? Hev ingen felt domen yver deg?» 11 «Ingen,
Herre, » svara ho. «So dømer ikkje eg deg heller, »
sagde Jesus: «Gakk heim, og synda ikkje meir!» 12
So tala Jesus atter til deim og sagde: «Eg er ljoset åt
verdi. Den som fylgjer meg, skal ikkje ganga i myrkret,
men hava livsens ljos.» 13 Då sagde farisæarane til
honom: «Du vitnar um deg sjølv; vitnemålet ditt sæter
ikkje.» 14 Jesus svara deim so: «Um eg so vitnar um
meg sjølv, so er vitnemålet mitt sant; for eg veit kvar eg
er komen ifrå og kvar eg fer av, men de veit ikkje kvar
eg kjem ifrå eller kvar eg fer av. 15 De dømer etter
kjøtet, eg dømer ingen; 16 men endå um eg dømer, so
er domen min rett, for eg er ikkje einsleg, men eg og
han som sende meg, er saman. 17 Og i dykkar eigi lov
stend skrive at tvo manns vitnemål sæter. 18 Her er det
eg som vitnar um meg sjølv, og Faderen, som sende
meg, vitnar um meg.» 19 «Kvar er far din?» sagde dei
då. Jesus svara: «De kjenner korkje meg eller far min;
kjende de meg, so kjende de far min og.» 20 Desse
ordi tala Jesus innmed tempelkista, med han lærde i
heilagdomen, og ingen lagde hand på honom; for tidi
hans var endå ikkje komi. 21 Ein annan gong sagde
han til deim: «Eg gjeng burt, og de kjem til å leita
etter meg, og de skal døy i syndi dykkar; dit som eg
gjeng, kann ikkje de koma.» 22 «Tru han vil drepa seg
sjølv?» sagde jødarne, «sidan han segjer: «Dit som eg
gjeng, kann ikkje de koma?»» 23 Då sagde han til
deim: «De er nedantil, eg er ovantil; de er frå denne
verdi, eg er ikkje frå denne verdi; 24 difor sagde eg
dykk at de skal døy i synderne dykkar; når de ikkje trur
at eg er den eg er, so skal de døy i synderne dykkar.»
25 «Kven er du?» sagde dei då. «Kvi let eg'kje heller
reint vera å tala til dykk?» svara Jesus. 26 «Mykje hev
eg å segja og døma um dykk; men han som sende
meg, er sannordig, og eg talar ikkje anna til verdi enn
det eg hev høyrt av honom.» 27 Dei skyna ikkje at
det var Faderen han tala til deim um. 28 Difor sagde
Jesus: «Når de fær lyft Menneskjesonen upp i høgdi,
då skal de skyna at eg er den eg er, og at eg ikkje gjer
noko av meg sjølv, men talar dette soleis som Far min

lærde meg det. 29 Og han som sende meg, er med
meg; han let meg ikkje vera åleine; for eg gjer allstødt
det som tekkjest honom.» 30 Då han tala so, trudde
mange på honom. 31 So sagde Jesus til dei jødarne
som trudde på honom: «Vert de verande i mitt ord, so
er de rette læresveinarne mine, 32 og de skal læra å
kjenna sanningi, og sanningi skal gjera dykk frie.» 33
«Me er Abrahams ætt, » lagde dei imot, «og hev aldri
vore trælar for nokon; korleis hev det seg at du segjer:
«De skal verta frie?»» 34 Jesus svara: «Det segjer eg
dykk for visst og sant: Kvar den som gjer synd, er træl
åt syndi. 35 Men trælen vert ikkje verande i huset for
all tid - sonen vert verande der for all tid. (aiōn g165) 36
Fær no Sonen frigjort dykk, so vert de retteleg frie. 37
Eg veit at de er Abrahams ætt; men de tenkjer på å
drepa meg, av di ordet mitt ikkje fær rom hjå dykk.
38 Eg talar um det eg hev set hjå far min, og soleis
gjer de det som de hev høyrt av far dykkar.» 39 «Vår
far er Abraham, » svara dei. Jesus segjer: «Var de
Abrahams born, so gjorde de som Abraham gjorde; 40
men no sit de um og vil drepe meg, ein mann som hev
tala til dykk um sanningi, som eg hev høyrt av Gud.
Slikt gjorde ikkje Abraham. 41 De gjer som far dykkar
gjorde.» «Me er ikkje fødde i hor, » sagde dei; «me
hev ein far, Gud!» 42 Jesus sagde til deim: Var Gud far
dykkar, so hadde de meg kjær; for eg hev gjenge ut frå
Gud, og er komen frå honom; ikkje heller er eg komen
av meg sjølv; det er han som hev sendt meg. 43 «Kvi
skynar de ikkje min tale? Av di de ikkje toler å høyra
ordi mine! 44 De hev djevelen til far, og det de vil, er å
gjera det far dykkar hugast; han var ein manndråpar
frå fyrste tid, og hev'kje sitt støde i sanningi; for det
finst ikkje sanning i honom. Når han talar lygn, talar
han av sitt eige; for han er ein ljugar og far åt lygni. 45
Men av eg talar sanningi, trur det meg ikkje. 46 Kven
av dykk kann segja meg saka i nokor synd? Men når
eg talar sanning, kvi trur de meg ikkje? 47 Den som er
av Gud, høyrer Guds ord; de er ikkje av Gud, difor
er det de ikkje høyrer.» 48 Då tok jødarne til ords og
sagde til honom: «Er det'kje sant som me segjer at
du er ein samaritan, og er forgjord?» 49 Jesus svara:
«Eg er ikkje forgjord; eg ærar Far min, og de vanærar
meg. 50 Men eg søkjer ikkje mi eigi æra, det er ein
som søkjer henne, og dømer. 51 Det segjer eg dykk
for visst og sant: Den som held seg etter mine ord,
skal ikkje i all æva sjå dauden.» (aiōn g165) 52 «No veit
me at du er forgjord, » sagde jødarne. «Abraham hev
døytt, og profetarne og, og du segjer: «Den som held
seg etter mine ord, skal ikkje i all æva smaka dauden.»
(aiōn g165) 53 Er då du større enn Abraham, ættfaren
vår? han døydde, og profetarne døydde! Kven gjer du
deg sjølv til?» 54 Jesus svara: «Dersom eg ærar meg
sjølv, so er æra mi ingen ting; det er Far min som ærar
meg; de segjer han er dykkar Gud, 55 men de hev
ikkje kjent honom, men eg kjenner honom; sagde eg at
eg ikkje kjenner honom, so var eg ein ljugar som de!
Men eg kjenner honom og held meg etter hans ord. 56
Abraham, ættfaren dykkar, gledde seg hjarteleg til å
sjå min dag; og han såg honom og var fegen.» 57 «Du
er endå ikkje femti år, » sagde jødarne, «og so hev du
set Abraham!» 58 Jesus sagde til deim: «Det segjer eg
dykk for visst og sant: Fyrr Abraham vart til, er eg til.»
59 Då tok dei upp steinar og vilde kasta på honom;
men Jesus løynde seg og gjekk ut or templet.

9 Då han gjekk frametter, fekk han sjå ein mann som
hadde vore blind frå han var fødd. 2 Læresveinarne
spurde honom: «Rabbi, kven er det som hev synda,
han eller foreldri hans, sidan han laut koma til verdi
blind?» 3 «Dei hev ikkje synda, korkje han eller foreldri
hans, » svara Jesus, «men det var for di Guds verk
skulde syna seg på honom. 4 So lenge det er dag, lyt
me gjera hans verk som hev sendt meg; det kjem ei
natt då ingen kann gjera noko verk. 5 Medan eg er i
verdi, er eg ljoset åt verdi.» 6 Med so sagt sputta han
på jordi og laga ei gyrma av sputtet; den gyrma smurde
han på augo hans 7 og sagde til honom: «Gakk og två
deg i Siloadammen!» - Siloa tyder sendemann -. So
gjekk han'stad og tvo seg, og då han kom att, kunde
han sjå. 8 Då sagde grannarne og dei som jamleg
hadde set honom fyrr - for han var ein tiggar: «Er'kje
det han som sat og bad seg?» 9 «Jau, det er han, »
sagde andre. Endå andre sagde: «Nei, men han er lik
honom.» Sjølv sagde han: «Det er eg.» 10 «Korleis
vart augo dine opna?» sagde dei då. 11 Han svara:
«Den mannen som dei kallar Jesus, laga ei gyrma og
smurde på augo mine og sagde til meg: «Gakk til Siloa
og två deg!» So gjekk eg'stad og tvo meg, og då fekk
eg syni mi.» 12 «Kvar er han, den mannen?» spurde
dei. «Eg veit ikkje, » segjer han. 13 Dei fører honom til
farisæarane, han som hadde vore blind. 14 Det var på
ein kviledag Jesus laga gyrma og opna augo hans. 15
So spurde dei honom att, farisæarane og, korleis han
hadde fenge syni si. «Han lagde ei gyrma på augo
mine, » svara han; «so tvo eg meg, og no ser eg.»
16 Då sagde nokre av farisæarane: «Den mannen er
ikkje frå Gud, sidan han ikkje held kviledagen.» Andre
sagde: «Korleis kann ein syndug mann gjera slike
teikn?» Og dei var usams um dette. 17 So segjer dei
til den blinde att: «Kva segjer du um honom, sidan
han hev opna augo dine?» «Han er ein profet, » svara
han. 18 Då vilde ikkje jødarne tru det um honom at
han hadde vore blind og fenge syni si, fyrr dei hadde
henta foreldri åt honom som hadde fenge syni si. 19
Dei spurde deim: «Er dette son dykkar som de segjer

er fødd blind? Korleis hev det seg då at han no ser?»
20 «Me veit at dette er vår son, og at han er fødd blind,
» svara foreldri hans; 21 «men korleis det hev seg
at han no ser, det veit me ikkje, og kven som hev
opna augo hans, veit me'kje heller. Spør honom sjølv!
Han er gamall nok; han kann sjølv svara for seg.» 22
Det sagde foreldri hans av di dei var rædde jødarne;
for jødarne var alt samrådde um at den som kanna
honom for Messias, skulde støytast ut or synagoga; 23
difor var det foreldri hans sagde: «Han er gamall nok;
spør honom sjølv!» 24 So henta dei andre gongen til
seg den mannen som hadde vore blind, og sagde til
honom: «Gjev Gud ære! Me veit at denne mannen
er ein syndar!» 25 «Um han er ein syndar, veit eg
ikkje, » svara han; «eitt veit eg: eg var blind, og no ser
eg.» 26 «Kva gjorde han med deg?» sagde dei då;
«korleis gjekk det til at han opna augo dine?» 27 «Eg
hev alt sagt dykk det, » svara han, «og de agta ikkje
på det; kvi vil de høyra det upp att? Kann henda de
og vil verta læresveinarne hans?» 28 Då skjelte dei
honom ut og sagde: «Du er hans læresvein, men me
er Moses' læresveinar. 29 Me veit at Gud hev tala til
Moses, men um denne veit me ikkje kvar han er ifrå.»
30 «Då er det underlegt at de ikkje veit kvar han er ifrå,
» svara mannen; «han hev då opna mine augo. 31 Me
veit at Gud ikkje høyrer på syndarar; men den som
ottast honom og gjer etter hans vilje, den høyrer han.
32 Frå ævords tid hev det ikkje vore spurt at nokon
hev opna augo på ein blindfødd. (aiōn g165) 33 Var'kje
denne mannen komen frå Gud, kunde han ingen ting
gjera.» 34 Då ropa dei imot honom: «I synder er du
fødd og boren, og du vil læra oss!» og kasta honom ut.
35 Jesus fekk høyra at dei hadde kasta honom ut, og
då han møtte honom, sagde han til honom: «Trur du
på Guds Son?» 36 «Kven er det då, Herre, so eg kann
tru på honom?» svara han. 37 Du hev set honom,
sagde Jesus; «det er den som no talar med deg.»
38 «Eg trur, Herre!» sagde mannen og kasta seg på
kne for honom. 39 Og Jesus sagde: «Til doms er eg
komen til denne verdi, so dei som ikkje ser, skal sjå,
og dei som ser, skal verta blinde.» 40 Nokre farisæarar
som var innmed honom, høyrde det og sagde: «Kann
henda me og er blinde?» 41 Då sagde Jesus: «Var de
blinde, so hadde de ikkje synd; men no segjer de: «Me
ser» - og syndi dykkar vert verande der ho var.»

**10** «Det segjer eg dykk for visst og sant: Den som
ikkje gjeng inn i sauekvii gjenom døri, men stig
yver ein annan stad, han er ein tjuv og ein røvar; 2
Men den som gjeng inn gjenom døri, er hyrding åt
sauerne. 3 Honom let dørvaktaren upp åt, og sauerne
høyrer målet hans, og han kallar sine sauer på namn,
og leider deim ut. 4 Når han hev fenge ut alle sauerne
sine, gjeng han fyre deim, og sauerne fylgjer honom;
for dei kjenner målet hans. 5 Ein framand vilde dei aldri
fylgja; dei vilde røma for honom, av di dei ikkje kjenner
målet åt dei framande.» 6 Denne likningi fortalde Jesus
deim, men dei skyna ikkje kva det var han tala til deim
um. 7 So tala Jesus atter til deim og sagde: «Det
segjer eg dykk for visst og sant: Eg er døri som ber inn
til sauerne. 8 Alle dei som er komne fyre meg, er tjuvar
og røvarar; men sauerne høyrde ikkje på deim. 9 Eg
er døri; den som gjeng inn gjenom meg, skal verta
berga, og skal ganga inn og ganga ut og finna beite.
10 Tjuven kjem ikkje for anna enn for di han vilde stela
og slagta og øyda; eg er komen for dei skal hava liv og
hava nøgdi. 11 Eg er den gode hyrdingen; den gode
hyrdingen set livet sitt til for sauerne. 12 Leigekaren,
som ikkje er hyrding, og som sauerne ikkje høyrer til,
ser ulven koma, men let sauerne vera der dei er, og
rømer, og ulven røvar deim og jagar deim frå einannan;
13 so gjer leigekaren av di han er ein leigekar, og ikkje
hev umsut for sauerne. 14 Eg er den gode hyrdingen,
og eg kjenner mine, og mine kjenner meg, 15 liksom
Faderen kjenner meg, og eg kjenner Faderen; og eg
set livet til for sauerne. 16 Eg hev andre sauer og,
som ikkje høyrer til denne kvii; deim og lyt eg leida, og
dei skal lyda røysti mi, og det skal vera ei hjord og
ein hyrding. 17 Difor er det Far min elskar meg, for di
eg set livet mitt til so eg kann taka det att. 18 Ingen
tek det frå meg, eg set det til av meg sjølv. Eg hev
magt til å setja det til, og eg hev magt til å taka det
att; det bodet fekk eg av far min.» 19 Um desse ordi
var det på nytt skilde meiningar millom jødarne. 20
Mange av deim sagde: «Han er forgjord, han er frå
vitet! Kvi lyder de på honom?» 21 Andre sagde: «Dette
er ikkje forgjord manns tale! Kann ei vond ånd opna
augo på blinde?» 22 So høgtida dei tempelvigsle-helgi
i Jerusalem. Det var vinter, 23 og Jesus gjekk ikring i
templet i Salomons-halli. 24 Då flokka jødarne seg
rundt ikring honom og sagde til honom: «Kor lenge vil
du halda oss i uvissa? Er du Messias, so seg oss det
beint ut!» 25 Jesus svara: «Eg hev sagt dykk det, og
de trur ikkje. Dei verki eg gjer i far min's namn, dei
vitnar um meg, 26 men de trur ikkje, for de høyrer ikkje
til mine sauer. 27 Mine sauer lyder røysti mi, og eg
kjenner deim, og dei fylgjer meg, 28 og eg gjev deim
eit ævelegt liv; dei skal ikkje i all æve forkomast, og
ingen skal riva dei ut or handi mi. (aiōn g165, aiōnios g166)
29 Far min, som hev gjeve meg deim, er større enn
alle, og ingen kann riva deim ut or handi åt Far min. 30
Eg og Faderen er eitt.» 31 På nytt lag tok jødarne upp
steinar og vilde steina honom. 32 Då tok Jesus til ords
og sagde: «Mange gilde verk hev eg synt dykk frå far
min; - kva for eitt av deim er det de steinar meg for?»

33 «For eit gildt verk steinar me deg ikkje, » svara
jødarne, «men for gudsspotting, for di du som er eit
menneskje, gjer deg sjølv til Gud.» 34 Jesus svara:
«Stend det'kje skrive i lovi dykkar: «Eg hev sagt: «De
er gudar?»» 35 Når no lovi kallar deim som Guds ord
kom til, for gudar - og Skrifti kann ikkje gjerast um inkje
- 36 segjer då de til den som Faderen hev helga og
sendt til verdi: «Du spottar Gud, » for di eg sagde: «Eg
er Guds son?» 37 Gjer eg ikkje verki åt Far min, so
tru meg ikkje! 38 Men gjer eg det, so tru verki, um de
ikkje trur meg; so skal de skyna og sjå at Faderen er i
meg, og eg i honom!» 39 Då freista dei atter å gripa
honom, men han slapp utor henderne deira. 40 So for
han attende til hi sida av Jordan, til den staden der
Johannes fyrst hadde vore og døypt, og der vart han
verande ei tid. 41 Og kom mange til honom, og dei
sagde: «Johannes gjorde fulla ikkje noko teikn, men alt
det Johannes sagde um denne mannen, var sant.» 42
Og mange trudde på honom der.

**11** Det var ein som låg sjuk, Lasarus frå Betania,
den vesle byen som Maria og Marta, syster
hennar, budde i. 2 Maria var den som salva Herren
med myrrasalve, og turka føterne hans med håret
sitt; og det var bror hennar, Lasarus, som låg sjuk. 3
Systerne sende då bod til honom med dei ordi: «Herre,
han som du hev so kjær, ligg sjuk!» 4 Då Jesus høyrde
det, sagde han: «Den sotti er'kje nokor helsott, men ho
er til Guds æra; Guds son skal få æra av det.» 5 Jesus
heldt mykje av Marta og syster hennar og Lasarus. 6
Då han no høyrde at Lasarus låg sjuk, drygde han
endå tvo dagar på den staden han var; 7 då fyrst
sagde han til læresveinarne sine: «Kom, lat oss fara til
Judæa att!» 8 «Rabbi, » sagde læresveinarne, «nyst
vilde jødarne steina deg, og so fer du dit att!» 9 «Er
det'kje tolv timar i dagen?» svara Jesus; «den som
gjeng um dagen, snåvar ikkje; for han ser ljoset åt
denne verdi; 10 men den som gjeng um natti, han
snåvar, av di han ikkje hev ljoset i seg.» 11 So tala han,
og um eit bil segjer han til deim: «Lasarus, venen vår,
hev sovna; men no gjeng eg av og vekkjer honom.»
12 «Herre, hev han sovna, so vert han nok god att, »
sagde læresveinarne. 13 Jesus hadde meint at han
var slokna; men dei tenkte han tala um vanleg svevn.
14 Då sagde Jesus reint ut: «Lasarus hev slokna! 15
Og for dykkar skuld er eg glad at eg ikkje var der, so
de kann koma til å tru. Men kom, lat oss ganga til
honom!» 16 Tomas - han som me kallar Didymus -
sagde då til dei andre læresveinarne: «Lat oss ganga
med, so me kann døy med honom!» 17 Då Jesus kom
fram, fekk han vita at Lasarus alt hadde lege fire dagar
i gravi. 18 Betania låg ikkje langt frå Jerusalem, berre
ein fjordung på lag, 19 og mange jødar var komne
til Marta og Maria, og vilde trøysta dei i sorgi yver
broren. 20 Då no Marta høyrde at Jesus kom, gjekk ho
til møtes med honom; men Maria sat heime. 21 Då
sagde Marta til Jesus: «Herre, hadde du vore her, so
hadde ikkje bror min døytt. 22 Men eg veit kor som
er, at alt det du bed Gud um, det vil Gud gjeva deg.»
23 Jesus segjer til henne: «Bror din skal standa upp
att.» 24 «Eg veit at han skal standa upp att når alle
stend upp, på den siste dag, » svara Marta. 25 Då
sagde Jesus til henne: «Eg er uppstoda og livet! Den
som trur på meg, skal liva, um han so døyr, 26 og kvar
den som liver og trur på meg, skal i all æva ikkje døy.
Trur du det?» **(aiōn g165)** 27 «Ja, Herre, » svara ho,
«eg hev trutt, og trur, at du er Messias, Guds son, han
som skulde koma til verdi.» 28 Med so sagt gjekk ho
av'stad og kalla på Maria, syster si, og sagde til henne
i løynd: «Meisteren er her og spør etter deg.» 29 Då ho
høyrde det, reiste ho seg snøgt og gjekk ut til honom.
30 Jesus hadde endå ikkje kome inn i byen; han var
endå på den staden der Marta hadde møtt honom.
31 Då jødarne som var heime hjå Maria og trøysta
henne, såg at ho brått reiste seg og gjekk ut, fylgde
dei etter henne; dei tenkte ho gjekk ut til gravi og vilde
gråta der. 32 Som no Maria kom dit som Jesus var og
fekk sjå honom, kasta ho seg ned for føterne hans
og sagde: «Herre, hadde du vore her, so hadde ikkje
bror min døytt.» 33 Då Jesus såg at ho gret, og at
jødarne som hadde fylgt henne gret, vart han harm i
hugen og øste seg upp og sagde: 34 «Kvar hev de lagt
honom?» - «Kom og sjå, Herre!» svara dei. 35 Jesus
gret. 36 Då sagde jødarne: «Sjå kor kjær han hadde
honom!» 37 Og sume av deim sagde: «Kunde ikkje
han som opna augo på den blinde, ha gjort det so at
denne mannen ikkje hadde døytt?» 38 Då vart Jesus
på nytt harm inni seg og gjekk burt til gravi; det var
ein heller, og det låg ein stein attfyre. 39 «Tak steinen
ifrå!» segjer Jesus. Då segjer Marta, syster åt den
avlidne: «Herre, det tevjar alt av honom, for han hev
lege der på fjorde dagen!» 40 Jesus segjer til henne:
«Sagde eg deg ikkje at dersom du trur, skal du få sjå
Guds herlegdom!» 41 So tok dei steinen ifrå. Og Jesus
lyfte augo mot himmelen og sagde: «Fader! eg takkar
deg for di du hev høyrt meg! 42 Eg visste nok at du
alltid høyrer meg; men for folket skuld som stend her
kringum, segjer eg dette, so dei skal tru at det er du
som hev sendt meg.» 43 Då han det hadde sagt, ropa
han med høg røyst: «Lasarus, kom ut!» 44 Ut kom
den daude, med føterne og henderne sveipte i lindar,
og med ein sveiteduk bunden kring andlitet. «Løys
honom, so han fær ganga!» sagde Jesus til deim. 45
Mange av jødarne, alle dei som var komne til Maria og
hadde set det han gjorde, trudde då på honom. 46

Nokre av deim gjekk til farisæarane og sagde deim
kva Jesus hadde gjort. 47 Då kalla øvsteprestarne
og farisæarane det Høge Rådet i hop til eit møte
og sagde: «Kva skal me gjera? Denne mannen gjer
mange teikn! 48 Let me honom få halda på soleis,
kjem alle til å tru på honom, og då kjem romarane og
tek både landet og folket vårt.» 49 Og ein av deim,
Kajafas - han var øvsteprest det året - sagde til deim:
50 «De veit ingen ting! Ikkje heller tenkjer de på at det
er til bate for dykk at ein mann døyr for landslyden, so
ikkje heile folket gjeng til grunns.» 51 Det sagde han
ikkje av seg sjølv, men av di han var øvsteprest det
året, var ordi hans ein spådom um at Jesus skulde døy
for folket, 52 og ikkje berre for folket, men at han og
skulde samla i hop til eitt Guds born som er spreidde
ikring. 53 Frå den dagen lagde dei upp råd um å drepa
honom. 54 Difor gjekk ikkje Jesus lenger fritt ikring
millom jødarne, men for derifrå til dei bygderne som
ligg tett med øydemarki, til ein by som heiter Efraim;
der heldt han til eit bil med læresveinarne sine. 55 No
leid det nær til påskehelgi åt jødarne, og mange for
frå bygderne upp til Jerusalem fyre påske og skulde
helga seg. 56 Då leita dei etter Jesus, og sagde seg
imillom med dei stod i templet: «Kva tenkjer de? Kjem
han slett ikkje til høgtidi?» 57 Men øvsteprestarne og
farisæarane hadde gjeve påbod um at dersom nokon
fekk vita kvar han var, skulde han segja frå, so dei
kunde gripa honom.

**12** Seks dagar fyre påske kom Jesus til Betania,
der Lasarus budde, han som Jesus hadde vekt
upp frå dei daude. 2 Der gjorde dei eit gjestebod for
honom; Marta stelte for deim, og Lasarus var ein av
deim som sat til bords med honom. 3 Då tok Maria eit
pund egte, dyr nardesalve og salva føterne åt Jesus,
og turka føterne hans med håret sitt; og huset vart
fullt av salveangen. 4 So segjer Judas Iskariot, ein av
læresveinarne hans, han som sidan sveik honom: 5
«Kvi vart ikkje denne salven seld for eit halvt hundrad
dalar, og gjeven til fatigfolk?» 6 Det sagde han ikkje
av umsut for dei fatige, men av di han var ein tjuv;
det var han som hadde kassa, og han tok jamleg av
det som vart lagt ned der. 7 Då sagde Jesus: «Lat
henne vera i fred! Det er som ho skulde ha gøymt det
til jordferdsdagen min. 8 For dei fatige hev de alltid
hjå dykk, men meg hev de ikkje alltid.» 9 No fekk ei
stor mengd av jødarne vita at han var der, og dei kom,
ikkje berre for Jesu skuld, men og for å sjå Lasarus,
som han hadde vekt upp frå dei daude. 10 Då lagde
øvsteprestarne upp råd um å drepa Lasarus og; 11 for
mange av jødarne gjekk for hans skuld dit og kom til å
tru på Jesus. 12 Dagen etter spurdest det bland den
store folkehopen som var komen til høgtidi, at Jesus
var på veg til Jerusalem. 13 Då tok dei palmekvister
og gjekk til møtes med honom og ropa: «Hosianna!
Velsigna vere han som kjem i Herrens namn, Israels
konge!» 14 Jesus fann seg eit ungt asen og sette seg
på det, so som skrive stend: 15 «Ottast ikkje, Sions
dotter! Sjå, her kjem din konung ridand' sit uppå ein
asenfole.» 16 I fyrstninga skyna ikkje læresveinarne
dette; men då Jesus var herleggjord, då kom dei i
hug at dette var skrive um honom, og at dei hadde
gjort det so for honom. 17 Folkehopen som var med
honom, vitna at han hadde ropa Lasarus ut or gravi
og vekt honom upp frå dei daude. 18 Difor var det og
folket kom imot honom; for dei hadde høyrt at han
hadde gjort det teiknet. 19 Då sagde farisæarane seg
imillom: «Der ser de: det nyttar dykk inkje; heile verdi
flyg etter honom!» 20 Det var nokre grækarar der, av
deim som jamleg for upp og tilbad på høgtidi; 21 dei
kom til Filip, han frå Betsaida i Galilæa, og bad honom:
«Gode herre, me vilde so gjerne få sjå Jesus!» 22
Filip gjeng og segjer det med Andreas, og Andreas og
Filip kjem og segjer det med Jesus. 23 Jesus svara
deim so: «Timen er komen då Menneskjesonen skal
herleggjerast! 24 Det segjer eg dykk for visst og sant:
Fell ikkje kveitekornet i jordi og døyr, so er det og
vert det berre eitt korn; men døyr det, gjev det stor
grøda! 25 Den som elskar livet sitt, misser det, og
den som hatar livet sitt i denne verdi, skal berga det
til eit ævelegt liv. **(aiōnios g166)** 26 Um nokon tener
meg, so lyt han fylgja meg, og der som eg er, der skal
tenaren min og vera; den som tener meg, honom skal
Faderen æra. 27 No er sjæli mi full av uro, og kva
skal eg segja? «Fader, frels meg frå denne stundi!»
Men nei, difor er det eg hev nått til denne stundi - 28
Fader, herleggjer namnet ditt!» Då kom det ei røyst frå
himmelen: «Både hev eg herleggjort det og skal eg
på nytt herleggjera det.» 29 Folket som stod der og
høyrde det, sagde at tora hadde slege. Andre sagde:
«Det var ein engel som tala til honom. 30 Då tok Jesus
til ords og sagde: «Det var'kje for mi skuld denne
røysti kom, men for dykkar skuld. 31 No gjeng det
dom yver denne verdi; no skal hovdingen yver denne
verdi kastast ut. 32 Og når eg vert lyft upp frå jordi,
skal eg draga alle åt meg.» 33 Det sagde han for å
syna kva slag avferd han skulde få. 34 Folket svara:
«Me hev høyrt av lovi at Messias liver æveleg; korleis
hev det seg då at du segjer Menneskjesonen skal
lyftast upp? Kven er denne Menneskjesonen?» **(aiōn
g165)** 35 Då sagde Jesus til deim: Endå ei liti stund
er ljoset ibland dykk. Gakk so lenge de hev ljoset, so
ikkje myrkret skal koma yver dykk! Den som gjeng i
myrkret, veit ikkje kvar han kjem av. 36 So lenge de
hev ljoset, so tru på ljoset, so de kann verta born åt

ljoset!» Soleis tala Jesus; so gjekk han burt og løynde
seg for deim. 37 Men endå han hadde gjort so mange
teikn for augo deira, trudde dei ikkje på honom; 38 det
skulde sannast det ordet som profeten Jesaja hev tala:
«Herre, kven trudde det bodet me høyrde? Og kven
synte Herrens arm seg for?» 39 Difor kunde dei ikkje
tru; for ein annan stad hev Jesaja sagt: 40 «Han hev
gjort augo deira blinde, og hev gjort hugen deira hard,
so dei med augo inkje sjå med hjarta inkje skyna skal,
og snu so eg deim lækja fær.» 41 So sagde Jesaja då
han såg hans herlegdom og tala um honom. 42 Like
vel var det då mange, jamvel av styresmennerne, som
trudde på honom; men dei vilde ikkje kjennast ved
det for farisæarane skuld; dei var rædde dei kunde
verta utstøytte or synagoga; 43 for dei heldt æra hjå
menneski gjævare enn æra hjå Gud. 44 Men Jesus
ropa ut: «Den som trur på meg, trur ikkje på meg, men
på honom som sende meg, 45 og den som ser meg,
ser honom som sende meg. 46 Eg er komen til verdi -
eit ljos, so ingen som trur på meg, skal verta verande i
myrkret. 47 Um nokon høyrer ordi mine og ikkje tek
vare på deim, so dømer ikkje eg honom; for eg er'kje
komen på den måten at eg skal døma verdi, men at eg
skal frelsa verdi. 48 Den som vandar meg og ikkje tek
imot ordi mine, hev den som dømer honom: det ordet
eg hev tala, det skal døma honom på den siste dag. 49
For eg hev ikkje tala av meg sjølv; men Faderen, som
sende meg, han hev sagt meg fyre kva eg skal segja
og kva eg skal tala; 50 og eg veit at hans fyresegn er
eit ævelegt liv. So talar eg då det som eg talar heiltupp
so som Faderen hev sagt meg.» **(aiōnios g166)**

**13** Det var straks fyre påskehøgtidi: Jesus visste at
hans time var komen då han skulde fara burt frå
denne verdi og heim til Faderen, og som han hadde
elska sine eigne, som var i verdi, so elska han deim til
enden. 2 Då dei heldt kveldverd, og djevelen alt hadde
skote det i hugen på Judas Simonsson Iskariot at han
skulde svika honom, 3 og då Jesus visste at Faderen
hadde gjeve alt i hans hender, og at han var komen frå
Gud og gjekk til Gud, 4 so reiser han seg frå bordet og
legg av seg kjolen sin, og tek eit handklæde og batt
um seg; 5 so slær han vatn i vaskarfatet og tok til å två
føterne åt læresveinarne og turka dei med handklædet
som han hadde bunde kring livet. 6 Han kjem då til
Simon Peter, og han segjer til honom: «Herre, tvær
du mine føter?» 7 Jesus svara honom so: «Kva det
er eg gjer, veit du ikkje no, men du skal skyna det
sidan.» 8 «Aldri i verdi skal du två mine føter, » segjer
Peter. «Dersom eg ikkje tvær deg, hev du ingen ting
i hop med meg, » svara Jesus. **(aiōn g165)** 9 Simon
Peter segjer til honom: «Herre, ikkje berre føterne,
men henderne og hovudet med!» 10 «Den som hev
lauga seg, treng ikkje två anna enn føterne; elles er
han heiltupp rein, » segjer Jesus; «og de er reine,
men ikkje alle.» 11 Han visste kven som skulde svika
honom; difor var det han sagde: «De er'kje reine alle.»
12 Då han no hadde tvege føterne deira og teke på seg
kjolen sin og sett seg til bords att, sagde han til deim:
«Skynar de kva det er eg hev gjort med dykk? 13 De
kallar meg «Meister» og «Herre, » og det segjer sant;
for det er eg. 14 Hev no eg, herren og meisteren, tvege
føterne dykkar, so lyt de og två føterne åt kvarandre.
15 Det er eit mynster eg hev synt dykk; som eg gjorde
med dykk, so skal de og gjera. 16 Det segjer eg dykk
for visst og sant: Ein tenar er ikkje større enn herren
sin, og ein ærendsvein er ikkje større enn den som
hev sendt honom. 17 Veit de det, so er de sæle, so
sant de gjer etter det. 18 Eg talar ikkje um dykk alle;
eg veit kven eg valde ut; men det var so Skrifti skulde
sannast: «Den som et mitt brød, hev lyft sin hæl imot
meg.» 19 Eg segjer dykk det alt no, fyrr det hev hendt,
so de, når det hender, skal tru at eg er den eg er. 20
Det segjer eg dykk for visst og sant: Den som tek imot
ein eg sender, tek imot meg, og den som tek imot
meg, tek imot den som sende meg.» 21 Då Jesus
hadde sagt det, vart han uppøst i åndi, og sagde sterkt
og ålvorsamt: «Det segjer eg dykk for visst og sant:
Ein av dykk kjem til å svika meg!» 22 Læresveinarne
såg på kvarandre og kunde ikkje skyna kven det var
han meinte. 23 Ein av læresveinarne - den som Jesus
elska - sat ved hans høgre sida. 24 Honom gjer Simon
Peter eit teikn til, og segjer til honom: «Seg kven det er
han meiner!» 25 Han bøygde seg då nærmare innåt
Jesus, og segjer til honom: «Herre, kven er det?» 26
«Det er han som eg gjev den biten eg no duppar i
fatet, » svara Jesus. So duppar han biten, og tek og
gjev honom til Judas Simonsson Iskariot. 27 Og då han
hadde fenge biten, då for Satan i honom. So segjer
Jesus til honom: «Gjer det snart, det du vil gjera!» 28
Men ingen av deim som sat med til bords, skyna kva
han meinte med det han sagde til honom. 29 Sidan det
var Judas som hadde kassa, tenkte sume at Jesus
vilde segja som so: «Kjøp det me treng til høgtidi!»
eller at han skulde gjeva noko til dei fatige. 30 Med det
same Judas hadde teke mot biten, gjekk han ut. Det
var natt. 31 Då han var gjengen, sagde Jesus: «No er
Menneskjesonen herleggjord, og Gud er herleggjord i
honom. 32 Er Gud herleggjord i honom, so skal Gud og
herleggjera honom i seg sjølv, og han skal herleggjera
honom snart. 33 Berre ei liti stund er eg endå hjå dykk,
borni mine. De kjem til å leita etter meg, og som eg
sagde til jødarne: «Dit eg gjeng, kann ikkje de koma, »
so segjer eg no til dykk og. 34 Eit nytt bod gjev eg
dykk: at de skal elska kvarandre; liksom eg hev elska

dykk, so skal de og elska kvarandre. 35 På det skal
alle skyna at de er mine læresveinar - på det at de
hev kjærleik til kvarandre.» 36 Simon Peter segjer til
honom: «Herre, kvar gjeng du av?» Jesus svara: «Dit
eg gjeng, kann du ikkje fylgja meg no, men du skal
fylgja meg sidan.» 37 «Kvi kann eg ikkje fylgja deg
straks, Herre?» segjer Peter; «eg vil gjeva mitt liv for
deg!» 38 «Vil du gjeva ditt liv for meg?» svara Jesus;
«det segjer eg deg for visst og sant: Hanen skal ikkje
gala fyrr du hev avneitta meg tri gonger.»

**14** «Lat ikkje hjarta dykkar uroast! Tru på Gud, og
tru på meg! 2 I huset åt Far min er det mange
rom; var det'kje so, vilde eg vel då sagt dykk det; for
eg gjeng burt og vil stella til ein verestad åt dykk. 3 Og
når eg hev gjenge burt og stelt til ein verestad åt dykk,
kjem eg att og tek dykk til meg, so de og skal vera der
eg er. 4 Og vegen dit eg gjeng, den veit de.» 5 Tomas
segjer til honom: «Herre, me veit'kje kvar du gjeng av;
korleis kann me då vita vegen?» 6 Jesus svarar: «Eg
er vegen og sanningi og livet. Ingen kjem til Faderen
utan gjenom meg; 7 hadde de kjent meg, so hadde de
kjent far min og, og frå denne stund kjenner de honom,
og hev set honom.» 8 Filip segjer til honom: «Herre, lat
oss få sjå Faderen, so hev me nok!» 9 Jesus svarar:
«No hev eg vore so lang ei tid i hop med dykk, og du
kjenner meg ikkje, Filip? Den som hev set meg, hev
set Faderen; korleis kann du då segja: «Lat oss få
sjå Faderen?» 10 Trur du ikkje at eg er i Faderen, og
Faderen er i meg? Dei ordi eg talar til dykk, talar eg
ikkje av meg sjølv; men Faderen, som bur i meg, han
er det som gjer sine verk. 11 Tru meg, når eg segjer at
eg er i Faderen, og Faderen i meg! Um ikkje det, so tru
meg for sjølve verki skuld! 12 Det segjer eg dykk for
visst og sant: Den som trur på meg, han skal gjera dei
same verki som eg gjer, og han skal gjera større verk
enn dei. For eg gjeng til Faderen, 13 og alt de bed um
i mitt namn, det vil eg gjera, so Faderen kann verta
herleggjord i Sonen. 14 Bed de meg um noko i mitt
namn, so skal eg gjera det. 15 Elskar de meg, so held
de bodi mine; 16 då skal eg beda Faderen, so gjev
han dykk ein annan målsmann, som skal vera hjå dykk
i all æva, (aiōn g165) 17 Sannings-Anden, som verdi
ikkje kann få, for ho ser honom ikkje og kjenner honom
ikkje. De kjenner honom; for han bur hjå dykk og skal
vera inni dykk. 18 Eg vil'kje lata dykk vera att åleine
som foreldrelause born; eg kjem til dykk. 19 Um ei liti
stund ser verdi meg ikkje lenger; men de ser meg; for
eg liver, og de skal liva. 20 Den dagen skal de skyna
at eg er i far min, og de er i meg, og eg i dykk. 21
Den som hev bodi mine og held deim, han er den som
elskar meg, og den som elskar meg, honom skal far
min elska, og eg skal elska honom og openberra meg
for honom.» 22 Judas - ikkje Iskariot - segjer til honom:
«Herre, kva hev hendt, sidan du vil syna deg for oss
og ikkje for verdi?» 23 Jesus svara so: «Um nokon
elskar meg, held han seg etter ordet mitt, og far min
skal elska honom; og me skal koma til honom og taka
vår bustad hjå honom. 24 Den som ikkje elskar meg,
held seg ikkje etter ordi mine; og ordet de høyrer, er
ikkje mitt, men far min's, som sende meg. 25 Dette hev
eg tala til dykk medan eg endå er hjå dykk. 26 Men
målsmannen, den Heilage Ande, som Faderen skal
senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna
dykk på alt det eg hev sagt dykk. 27 Fred leiver eg åt
dykk, min fred gjev eg dykk; eg gjev dykk ikkje fred på
den måten som verdi gjer det. Lat ikkje hjarta dykkar
uroast og ikkje ræddast! 28 De høyrde eg sagde til
dykk: «Eg gjeng burt og kjem til dykk att; » elska de
meg, so gledde de dykk for di eg gjeng til Faderen, for
Faderen er større enn eg. 29 Og no hev eg sagt dykk
det fyrr det hev hendt, so de skal tru når det hender.
30 Heretter kjem eg ikkje til å tala mykje med dykk; for
no kjem hovdingen yver verdi. I meg eig han ingen
ting, 31 men eg vil verdi skal sjå at eg elskar Faderen,
og gjer so som Faderen hev sagt til meg! Reis dykk,
og lat oss ganga ifrå her!»

**15** «Eg er det sanne vintreet, og Far min er
vingardsmannen. 2 Kvar grein på meg som ikkje
ber frukt, tek han burt, og kvar som ber frukt, reinskar
han, so ho skal bera meir frukt. 3 De er alt reine for
skuld ordet som eg hev tala til dykk. 4 Ver i meg, so
er eg i dykk! Som greini ikkje kann bera frukt av seg
sjølv, men berre når ho er på vintreet, so kann ikkje
de heller, utan de er i meg. 5 Eg er vintreet, de er
greinerne. Den som er i meg og eg i honom, han ber
mykje frukt; for utan meg kann de ingen ting gjera. 6
Um nokon ikkje vert verande i meg, vert han kasta
ut som ei grein, og visnar; folk sankar deim i hop og
kastar deim på elden, og dei brenn. 7 Vert de verande
i meg, og vert ordi mine verande i dykk, so bed um
kva de vil, og de skal få det! 8 På den måten vert far
min herleggjord, at de ber mykje frukt, og de vert mine
læresveinar. 9 Som Faderen hev elska meg, so hev eg
elska dykk; ver i min kjærleik! 10 Held de bodi mine,
so er de i min kjærleik, liksom eg hev halde bodi åt far
min, og er i hans kjærleik. 11 Dette hev eg tala til dykk
so mi gleda kann vera i dykk, og dykkar gleda kann
verta fullkomi. 12 Det er bodet mitt, at de skal elska
kvarandre, som eg hev elska dykk. 13 Ingen hev større
kjærleik enn at han gjev livet sitt for venerne sine. 14
De er venerne mine, so sant de gjer det eg segjer til
dykk. 15 Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger; for tenaren
veit ikkje kva herren hans gjer, men dykk kallar eg

vener, for alt eg hev høyrt av far min, hev eg sagt med
dykk. 16 De hev ikkje valt ut meg, men eg hev valt ut
dykk, og sett dykk til å ganga ut og bera frukt - frukt
som varer ved, so Faderen kann gjeva dykk alt de bed
um i mitt namn. 17 Det er det eg legg dykk på hjarta,
at de skal elska kvarandre. 18 Um verdi hatar dykk, so
må de vita at ho hev hata meg fyre dykk. 19 Var de
av verdi, so vilde verdi elska sitt eige. Men for di de
ikkje er av verdi, men eg hev valt dykk ut or verdi, difor
hatar verdi dykk. 20 Kom i hug det ordet eg sagde
dykk: Ein tenar er ikkje større enn herren sin; hev dei
forfylgt meg, vil dei forfylgja dykk og; hev dei halde seg
etter mitt ord, vil dei halda seg etter dykkar ord og.
21 Men alt dette kjem dei til å gjera mot dykk for mitt
namn skuld, av di dei ikkje kjenner den som sende
meg. 22 Var eg ikkje komen og hadde tala til deim,
so hadde dei ikkje synd; men no hev dei ingen ting å
orsaka syndi si med. 23 Den som hatar meg, hatar og
far min. 24 Hadde eg'kje gjort slike verk bland deim
som ingen annan hev gjort, so hadde dei ikkje synd;
men no hev dei set deim, og like vel hatar dei både
meg og far min. 25 Men det er av di det laut sannast
det ordet som er skrive i lovi deira: «Utan orsak hata
dei meg.» 26 Når målsmannen kjem, han som eg vilde
senda dykk frå Faderen, Sannings-Anden, som gjeng
ut frå Faderen, so skal han vitna um meg. 27 Men de
og skal vitna; for de hev vore med meg frå det fyrste.»

**16** «Dette hev eg tala til dykk, av di eg vil at de ikkje
skal koma til å styggjast. 2 Dei kjem til å støyta
dykk ut or synagogorne; ja, det kjem ei tid då kvar den
som drep dykk, trur at han tener Gud med det, 3 og
det gjer dei av di dei ikkje kjenner Faderen og ikkje
meg heller. 4 Men dette hev eg tala til dykk, so de,
når den tidi kjem, skal koma i hug eg hev sagt dykk
det; eg sagde det ikkje med dykk frå det fyrste, av di
eg var hjå dykk. 5 Men no gjeng eg til den som hev
sendt meg, og ingen av dykk spør meg: «Kvar gjeng
du av?» 6 men for di eg hev tala dette til dykk, er
hjarta dykkar fullt av sorg. 7 Men eg segjer dykk som
sant er: Det er til bate for dykk at eg gjeng burt. For
gjeng eg ikkje burt, kjem målsmannen ikkje til dykk;
men gjeng eg burt, so skal eg senda honom til dykk. 8
Og når han kjem, skal han yvertyda verdi um synd og
um rettferd og um dom. 9 Um synd av di dei ikkje trur
på meg; 10 um rettferd av di eg gjeng til Faderen, og
de ikkje ser meg meir; 11 um dom av di hovdingen
yver denne verdi er dømd. 12 Endå hev eg mykje å
segja dykk, men de kann ikkje bera det no. 13 Men når
han kjem, Sannings-Anden, skal han leida dykk fram
til heile sanningi; for han skal ikkje tala av seg sjølv,
men alt det han høyrer, skal han tala, og det som skal
koma, skal han gjera kunnigt for dykk. 14 Han skal
herleggjera meg; for det er av mitt han tek og lærer
dykk. 15 Alt det Faderen hev, er mitt; difor sagde eg,
at han tek av mitt og lærer dykk. 16 Um ei lita stund
ser de meg ikkje, og um ei liti stund att skal de få
sjå meg.» 17 Då sagde nokre av læresveinarne seg
imillom: «Kva meiner han med dette som han segjer
til oss: «Um ei liti stund ser de meg ikkje, og um ei
liti stund att skal de få sjå meg, » og: «Eg gjeng til
Faderen?» 18 Kva meiner han med det: ei liti stund, »
sagde dei; «me veit ikkje kva han talar um.» 19 Jesus
skyna at dei vilde spyrja honom, og han sagde til deim:
«Er det det de dryfter med kvarandre, at eg sagde:
«Um ei liti stund ser de meg ikkje, og um ei liti stund
att skal de få sjå meg?» 20 Det segjer eg dykk for visst
og sant: De skal gråta og øya, men verdi skal gleda
seg. De skal syrgja, men sorgi dykkar skal vendast
til gleda. 21 Når ei kona skal eiga barn, er ho sutfull
av di timen hennar er komen; men når ho hev fenge
barnet, kjem ho ikkje lenger i hug kor vondt ho hev
lide, so glad er ho for di eit menneskje er født til verdi.
22 Soleis er de og sutfulle no; men eg skal sjå dykk att;
då vert de hjarteglade, og ingen tek gleda dykkar frå
dykk. 23 Den dagen skal de ikkje spyrja meg um noko.
Det segjer eg dykk for visst og sant: Bed de Faderen
um noko, so skal han gjeva dykk det i mitt namn. 24 Til
dessa hev de ikkje bede um noko i mitt namn - bed,
so skal de få, so gleda dykkar kann vera fullkomi! 25
Dette hev eg tala til dykk i likningar. Det kjem ei tid då
eg ikkje skal tala til dykk i likningar lenger, men fortelja
dykk ope og endefram um Faderen. 26 Den dagen
skal de beda i mitt namn, og eg segjer dykk ikkje at eg
vil beda Faderen for dykk; 27 for Faderen sjølv elskar
dykk for di de hev elska meg og trutt at eg hev gjenge
ut frå Gud. 28 Eg hev gjenge ut frå Faderen og er
komen hit til verdi; no fer eg burt frå verdi att og gjeng
til Faderen.» 29 Segjer so læresveinarne: «Sjå, no
talar du endefram, og segjer ingi likning. 30 No veit me
at du veit alt, og ikkje treng at nokon skal spyrja deg;
difor trur me at du er komen frå Gud.» 31 «No trur
de!» svara Jesus; 32 «sjå, det kjem ei stund - ja, ho er
alt komi - då de skal spreidast, kvar til sin heim, og
lata meg vera att åleine. Men eg er ikkje åleine; far
min er med meg. 33 Dette hev eg tala til dykk, so de
skal hava fred i meg. I verdi hev de trengsel; men ver
hugheile! eg hev vunne yver verdi.»

**17** Soleis tala Jesus; so lyfte han augo mot himmelen
og sagde: «Fader, timen er komen! Herleggjer
son din, so son din kann herleggjera deg! 2 etter di du
gav honom magt yver alt kjøt, so han kann lata alle
deim du hev gjeve honom få ævelegt liv, **(aiōnios g166)**
3 og det er det ævelege livet at dei kjenner deg, den
einaste sanne Gud, og den du sende, Jesus Kristus.

(aiōnios g166) 4 Eg hev herleggjort deg på jordi, og
fullført det verket du gav meg å gjera; 5 herleggjer
no du meg, Fader, hjå deg med den herlegdomen eg
hadde hjå deg fyrr verdi var til! 6 Eg hev openberra
ditt namn for dei menneski du gav meg av verdi. Dei
var dine, og du gav meg deim, og dei hev halde seg
etter ordet ditt. 7 No veit dei at alt det du hev gjeve
meg, er frå deg! 8 for dei ordi du gav meg, hev eg
gjeve deim, og dei hev teke imot deim og sanna fullt ut
at eg er komen frå deg, og dei trur at du hev sendt
meg. 9 Eg bed for deim; eg bed ikkje for verdi, men for
deim som du hev gjeve meg; for dei er dine, 10 og
alt som mitt er, er ditt, og det som ditt er, er mitt, og
eg er herleggjord i deim. 11 Og eg er ikkje lenger i
verdi, men dei er i verdi, og eg kjem til deg. Heilage
Fader, haldt deim fast i ditt namn, som du hev gjeve
meg, so dei kann vera eitt liksom me! 12 Då eg var hjå
deim, heldt eg deim fast i ditt namn, som du hev gjeve
meg, og vara deim, og ingen av deim gjekk til grunns
so nær som den eine som laut ganga til grunns, so
skrifti skulde sannast. 13 Men no kjem eg til deg, og
dette talar eg med eg er i verdi, so dei skal hava mi
gleda i seg i fullt mål. 14 Eg hev gjeve deim ditt ord, og
verdi hev lagt deim for hat, for di dei ikkje er av verdi,
som eg ikkje er av verdi. 15 Eg bed ikkje at du skal
taka deim burt or verdi, men at du skal vara deim for
det vonde. 16 Av verdi er dei ikkje, som eg ikkje er av
verdi. 17 Helga dei i sanningi! Ditt ord er sanning. 18
Som du hev sendt meg til verdi, so hev eg og sendt
deim til verdi; 19 og eg helgar meg for deim, so dei og
skal vera helga i sanning. 20 Og eg bed ikkje einast for
desse men og for deim som kjem til å tru på meg for
deira ord skuld, 21 at dei alle må vera eitt, som du,
Fader, er i meg, og eg er i deg - at dei og må vera i
oss - so verdi kann tru at du hev sendt meg. 22 Eg
hev gjeve deim den herlegdomen som du hev gjeve
meg, so dei skal vera eitt, liksom me er eitt, 23 eg i
deim og du i meg, so dei skal vera fullkomeleg eitt - so
verdi kann skyna at du hev sendt meg og elska deim
som du hev elska meg. 24 Fader, eg vil at dei du hev
gjeve meg, dei skal og vera der eg er, vera hjå meg,
so dei fær skoda min herlegdom, som du hev gjeve
meg av di du hev elska meg fyrr verdi vart grunnlagd.
25 Rettferdige Fader, verdi kjenner deg ikkje, men eg
kjenner deg, og desse hev kanna at du hev sendt meg;
26 eg hev gjort namnet ditt kunnigt for deim og skal
gjera det kunnigt, so den kjærleiken du hev havt til
meg, kann vera i deim, og eg sjølv kann vera i deim.»

**18** Då Jesus hadde tala desse ordi, gjekk han ut
med læresveinarne sine og yver til hi sida av
Kedronsbekken. Der var det ein hage; den gjekk
han og læresveinarne inn i. 2 Men Judas, svikaren,
kjende og den staden; for der kom Jesus ofte saman
med læresveinarne sine. 3 Judas hadde fenge
med seg vaktmannskapet og nokre av sveinarne åt
øvsteprestarne og farisæarane, og no kom han dit med
kyndlar og lampor og våpn. 4 Som no Jesus visste
alt som skulde koma yver honom, gjekk han fram og
sagde til deim: «Kven leitar de etter?» 5 «Jesus frå
Nasaret, » svara dei. «Det er eg, » segjer han. Judas,
svikaren, stod der og saman med deim. 6 Då han
no sagde til deim: «Det er eg», for dei attende og
fall til jordi. 7 So spurde han deim endå ein gong:
«Kven leitar de etter?» - «Jesus frå Nasaret, » sagde
dei. 8 «Eg hev alt sagt dykk at det er eg, » svara
Jesus; «er det då meg de leitar etter, so lat desse
få ganga!» 9 Soleis skulde det sannast det ordet
som han hadde sagt: «Eg hev ikkje mist nokon av
deim du gav meg.» 10 Simon Peter hadde eit sverd;
han drog det og hogg til tenaren åt øvstepresten, og
sneidde av honom det høgre øyra. Tenaren heitte
Malkus. 11 Då sagde Jesus til Peter: «Stikk sverdet
ditt i slira! Lyt eg'kje drikka den skåli som Far min hev
gjeve meg?» 12 So tok dei og batt Jesus - det var
vaktmannskapet og hovdingen deira og sveinarne åt
jødarne. 13 Dei førde honom fyrst til Annas; for han
var verfar åt Kajafas, som var øvsteprest det året. 14
Det var Kajafas som hadde gjeve jødarne den rådi, at
det var best ein mann døydde for folket. 15 Simon
Peter og ein annan læresvein fylgde etter Jesus. Den
læresveinen var kjend med øvstepresten, og kom med
Jesus inn i garden åt øvstepresten; 16 men Peter vart
standande utanfor, ved døri. Den andre læresveinen,
han som var kjend med øvstepresten, gjekk då ut og
tala med gjenta som vakta porten, og fekk Peter inn.
17 So segjer portnargjenta til Peter: «Du skulde vel
ikkje og vera ein av læresveinarne åt denne mannen?»
«Nei, » svara han. 18 Huskararne og sveinarne hadde
gjort upp ein koleld og stod og vermde seg; for det var
kaldt. Og Peter stod og hjå deim og vermde seg. 19
Øvstepresten spurde no Jesus um læresveinarne hans
og um læra hans. 20 Jesus svara: «Eg hev tala fritt
og ope for all verdi; eg lærde allstødt i synagoga og i
templet, der alle jødarne kjem saman, og eg hev aldri
tala i løynd. 21 Kvi spør du meg? Spør deim som hev
høyrt meg, kva det er eg hev tala til deim! Dei veit
kva eg hev sagt.» 22 Då han sagde det, gav ein av
sveinarne som stod innmed, Jesus eit slag i andlitet og
sagde: «Svarar du øvstepresten so?» 23 «Hev eg sagt
noko urett, » svara Jesus, «so prova at det er urett;
men var det rett det eg sagde, kvi slær du meg då?»
24 So sende Annas han bunden av stad til Kajafas,
øvstepresten. 25 Medan stod Simon Peter og vermde
seg. Då sagde dei til honom: «Du skulde vel ikkje vera

ein av læresveinarne hans, du og?» Han neitta det
og sagde: «Nei, det er eg ikkje.» 26 So segjer ein av
huskararne åt øvstepresten - han var skyld den som
Peter hadde hogge øyra av -: «Såg eg deg ikkje sjølv
i lag med honom i hagen?» 27 Då neitta Peter att.
Og med det same gol hanen. 28 Frå Kajafas fører dei
Jesus til borgi. Det var tidleg på morgonen. Sjølve
gjekk dei ikkje inn i borgi; for dei vilde ikkje gjera seg
ureine, so dei ikkje kunde eta påskematen. 29 So gjekk
Pilatus ut til deim og sagde: «Kva er det for klagemål
de fører mot denne mannen?» 30 «Var han ikkje ein
illgjerdsmann, so hadde me ikkje gjeve honom yver til
deg, » svara dei. 31 Då sagde Pilatus til deim: «Tak de
honom og døm honom etter lovi dykkar!» «Me hev
ikkje lov til å taka livet av nokon, » svara jødarne. 32
Soleis skulde det sannast det ordet Jesus hadde sagt
då han vitra um kva slag avferd han skulde få. 33 So
gjekk Pilatus inn i borgi att; han kalla Jesus fyre seg
og sagde til honom: «Er du kongen yver jødarne?» 34
Jesus svara: «Segjer du det av deg sjølv, eller hev
andre tala soleis til deg um meg?» 35 «Er då eg ein
jøde?» svara Pilatus; «folket ditt og øvsteprestarne
hev gjeve deg yver til meg. Kva hev du gjort?» 36
Jesus svara: «Mitt rike er ikkje av denne verdi; var riket
mitt av denne verdi, so vilde sveinarne mine strida for
meg, so eg ikkje skulde koma i henderne på jødarne.
Men no er'kje riket mitt av denne verdi.» 37 «Men so
er du då ein konge?» sagde Pilatus. Jesus svara: «Det
er som du segjer; eg er ein konge. Til det er eg fødd,
og til det er eg komen til verdi, at eg skal vitna for
sanningi. Kvar den som er av sanningi, lyder på mi
røyst.» 38 «Kva er sanning?» svara Pilatus, og med
so sagt gjekk han ut att til jødarne og sagde til deim:
«Eg finn ingi skuld hjå honom; 39 men de er vane
med at eg gjev dykk ein fri på påskehøgtidi - vil de då
at eg skal gjeva dykk kongen yver jødarne fri?» 40
Men dei ropa alle på nytt: «Ikkje han, men Barabbas!»
Barabbas, det var ein røvar.

**19** Då tok Pilatus og let deim hudfletta Jesus. 2
Og hermennerne fletta ein krans av klunger og
sette på hovudet hans og kasta ei purpurkåpe um
honom, og gjekk fram for honom og sagde: 3 «Heil,
konge yver jødarne!» og slo til honom i andlitet. 4
Pilatus gjekk ut att og sagde til deim: «Her kjem eg ut
til dykk med honom, so de skal vita at eg ikkje finn
nokor skuld hjå honom.» 5 So kom Jesus ut med
klungerkransen på og purpurkåpa, og Pilatus segjer til
deim: «Sjå det menneskjet!» 6 Med det same dei fekk
sjå honom, øvsteprestarne og sveinarne deira, skreik
dei: «Krossfest, krossfest!» Pilatus segjer til deim: «Tak
de og krossfest honom! Eg finn ingi skuld hjå honom.»
7 Jødarne svara: «Me hev ei lov; etter den lyt han døy,
for di han hev gjeve seg ut for Guds Son.» 8 Då Pilatus
høyrde det ordet, vart han endå ræddare; 9 han gjekk
inn att i borgi og spurde Jesus: «Kvar er du ifrå?» Men
Jesus gav han ikkje noko svar. 10 Pilatus segjer til
honom: «Svarar du meg ikkje? Veit du'kje at eg hev
magt til å gjeva deg fri og hev magt til å krossfesta
deg?» 11 Jesus svara: «Du hadde ingi magt yver meg,
var det'kje gjeve deg ovantil. Difor hev han større synd
den som gav meg yver til deg.» 12 Frå den stundi
vilde Pilatus gjerne gjeva honom fri. Men jødarne ropa:
«Gjev du honom fri, er du ikkje ven med keisaren.
Kvar den som gjer seg sjølv til konge, set seg upp imot
keisaren.» 13 Då Pilatus høyrde dei ordi, førde han
Jesus ut og sette seg i domarsætet, på den staden
dei kallar Tavletilet - på hebraisk heiter det Gabbata -.
14 Det var då fyrebuingsdagen i påskehelgi, og var
um lag den sette timen. So segjer han til jødarne:
«Sjå her er kongen dykkar!» 15 Då ropa dei: «Burt,
burt med honom! Krossfest han!» «Skal eg krossfesta
kongen dykkar?» segjer Pilatus. «Me hev ingen konge
utan keisaren, » svara øvsteprestarne. 16 Då gav han
Jesus yver til deim, so han skulde krossfestast. 17 So
tok dei Jesus med seg. Han bar sjølv krossen sin, og
gjekk ut til Skallestaden dei kallar - på hebraisk kallast
det Golgata -. 18 Der feste dei honom til krossen, og
saman med honom tvo andre, ein på kvar sida, og
Jesus midt imillom. 19 Pilatus skreiv og ei innskrift
og sette på krossen; ho lydde so: Jesus frå Nasaret,
kongen yver jødarne. 20 Den innskrifti las då mange
av jødarne; for staden der Jesus vart krossfest, var
tett utmed byen, og det var skrive på hebraisk og
latin og gresk. 21 Då sagde øvsteprestarne åt jødarne
til Pilatus: «Skriv ikkje: Kongen yver jødarne, men:
Han sagde: «Eg er konge yver jødarne!»» 22 «Det
eg hev skrive, hev eg skrive, » svara Pilatus. 23 Då
hermennerne hadde fest Jesus til krossen, tok dei
klædi hans og skifte i fire luter, ein for kvar hermann.
Kjolen tok dei og. Kjolen var usauma og heilvoven alt
ovantil; 24 difor sagde dei seg imillom: «Lat oss ikkje
riva honom sund, men draga strå um kven som skal
hava honom!» Soleis skulde skrifti sannast: «Dei skifte
klædi mine millom seg, og kasta lut um kjolen min.»
So gjorde no hermennerne. 25 Men innmed krossen
åt Jesus stod mor hans og morsyster hans, Maria,
kona hans Klopas, og Maria Magdalena. 26 Og då
Jesus såg mor si, og såg at den læresveinen som han
elska, stod der innmed, segjer han til mori: «Kvinna,
der er son din!» 27 So segjer han til læresveinen: «Der
er mor di!» Og frå den stundi tok læresveinen henne
heim til seg. 28 Då visste Jesus at no var alt fullført, so
skrifti skulde sannast; so segjer han: «Eg er tyrst.» 29
Det stod eit kjer der som var fullt av vineddik; so fyllte

dei ein svamp med den ediken, og sette honom på ein
bergmynte-stylk og heldt honom upp til munnen hans.
30 Då Jesus hadde fenge ediken, sagde han: «Det er
fullført!» og han bøygde hovudet og gav andi si yver til
Gud. 31 Etter di det no var fyrebuingsdagen, og liki
ikkje måtte verta hangande på krossen um kviledagen
- for den kviledagen var storheilag - so bad jødarne
Pilatus at beini måtte brjotast sund på deim, og at
dei måtte takast ned. 32 Då kom hermennerne og
braut sund beini, både på den fyrste og den andre
som hadde vorte krossfeste i hop med honom. 33 Då
dei kom til Jesus, og såg at han alt var slokna, braut
dei ikkje hans bein sund; 34 men ein av hermennerne
stakk honom i sida med eit spjot, og straks kom det
ut blod og vatn. 35 Dette vitnar ein som hev set det,
og vitnemålet hans er sætande; han veit sjølv at han
segjer sant, so de og må tru. 36 For dette hende av di
Skrifti laut sannast: «Det skal'kje brjotast sund eit bein
på honom.» 37 Og eit anna skriftord att lyder so: «Dei
skal sjå burt på honom som dei hev gjenomstunge.»
38 Sidan kom Josef frå Arimatæa, som var ein av
læresveinarne åt Jesus, men dulde for det, av di han
var rædd jødarne; han bad Pilatus um han måtte få
taka likamen åt Jesus, og Pilatus gav honom lov til det.
So kom han og henta likamen hans. 39 Nikodemus,
han som fyrst var komen til honom um natti, kom og,
og hadde med seg ei blanding av myrra og aloe, um
lag hundrad pund. 40 So tok dei likamen åt Jesus
og sveipte honom med lindar og lagde dei angande
kryddorne imillom, soleis som jødarne hev for vis
når dei bur ein til likferd. 41 På den staden han vart
krossfest var det ein hage, og i hagen ei ny grav, som
det endå aldri hadde vorte sett ned nokon i. 42 Der
lagde dei då Jesus, av di det var fyrebuingsdagen åt
jødarne, og gravi var nær innmed.

**20** Tidleg den fyrste dagen i vika, medan det endå
var myrkt, kjem Maria Magdalena til gravi, og ser
at steinen er teken burt frå gravi. 2 Ho spring av stad,
og kjem til Simon Peter og den andre læresveinen,
han som Jesus elska, og segjer til deim: «Dei hev teke
Herren ut or gravi, og me veit ikkje kvar dei hev lagt
honom.» 3 Då tok dei ut, både Peter og den andre
læresveinen, og gav seg på vegen til gravi. 4 Dei
sprang båe saman; so sprang den andre læresveinen
fyre, forare enn Peter, og kom fyrst til gravi. 5 Han
lutte seg ned og glytte inn; då såg han at lindarne
låg der; men han gjekk ikkje inn. 6 So kjem Simon
Peter etter, og gjekk inn i gravi. Han ser lindarne liggja
der; 7 men sveiteduken, som Jesus hadde havt kring
hovudet, låg ikkje saman med lindarne, men på ein
stad for seg sjølv, og var balla i hop. 8 Då gjekk den
andre læresveinen og inn, han som var komen fyrst til
gravi, og han såg og trudde. 9 For dei skyna endå
ikkje skrifti, at han skulde standa upp frå dei daude.
10 So gjekk læresveinarne heim att. 11 Men Maria
stod utanfor ved gravi og gret. Som ho no gråtande
lutte seg ned og glytte inn i gravi, 12 fær ho sjå tvo
kvitklædde englar sitja der, ein ved hovudet og ein ved
føterne, der likamen åt Jesu hadde lege. 13 Dei segjer
til henne: «Kvi græt du, kvinna?» Ho svarar: «For di dei
hev teke Herren min burt, og eg veit ikkje kvar dei hev
lagt honom.» 14 Med so sagt snudde ho seg, og då ser
ho Jesus stend der, men ho visste ikkje at det var han.
15 Jesus segjer til henne: «Kvi græt du, kvinna? Kven
leitar du etter?» Ho tenkte det var hagemeisteren, og
segjer til honom: «Herre, er det du som hev bore han
burt, so seg meg kvar du hev lagt honom; då vil eg
henta honom.» 16 «Maria!» segjer Jesus. Då snur
ho seg, og segjer til honom på hebraisk: «Rabbuni!»
det er på vårt mål: «Meister!» 17 «Kom ikkje nær
meg!» segjer Jesus; «for endå hev eg ikkje fare upp til
far min. Men gakk til brørne mine, og seg deim frå
meg: No fer eg upp til honom som er min Fader og
dykkar Fader, og min Gud og dykkar Gud!» 18 Maria
Magdalena kjem og segjer til læresveinarne: «Eg hev
set Herren, » og at han hadde sagt dette til henne. 19
Då det vart kveld same dagen - den fyrste i vika - og
dørerne var stengde der læresveinarne var, av di dei
var rædde jødarne, kom Jesus og stod midt ibland
deim og segjer: «Fred vere med dykk!» 20 og då han
hadde sagt det, synte han deim henderne sine og sida
si. Læresveinarne vart glade då dei såg Herren. 21 Og
han sagde endå ein gong: «Fred vere med dykk! Som
Faderen hev sendt meg, so sender eg dykk.» 22 Med
desse ordi anda han på deim og sagde til deim: «Tak
imot den Heilage Ande! 23 Tilgjev de nokon synderne
deira, so er dei tilgjevne; held de dei att for nokon,
so er dei atthaldne.» 24 Tomas, ein av dei tolv, han
som me kallar Didymus, var ikkje saman med deim då
Jesus kom. 25 So sagde dei andre læresveinarne med
honom: «Me hev set Herren.» Han svara: «Det trur eg
ikkje fyrr eg fær sjå naglemerket i henderne hans og
fær stinga fingeren min i nagleholet og fær stinga handi
mi i sida hans.» 26 Åtte dagar etter var læresveinarne
hans inne att, og Tomas var med deim. Dørerne var
stengde. Då kom Jesus og stod midt ibland deim og
sagde: «Fred vere med dykk!» 27 So segjer han til
Tomas: «Kom hit med fingeren din, og sjå på henderne
mine, og kom hit med handi di og stikk henne i sida mi,
og ver ikkje vantruen, men truande!» 28 «Min Herre og
min Gud!» svara Tomas. 29 Jesus segjer til honom:
«Sidan du hev set meg, trur du! Sæle dei som ikkje
ser og endå trur!» 30 Endå mange andre teikn gjorde
Jesus for augo åt læresveinarne sine, teikn som ikkje

er skrive i denne boki. 31 Men desse er skrivne so de
skal tru at Jesus er Messias, Guds Son, og so de som
trur skal hava liv i hans namn.

21 Sidan openberra Jesus seg endå ein gong for
læresveinarne ved Tiberiassjøen. Med det gjekk
det soleis til: 2 Simon Peter og Tomas - han som me
kallar Didymus - og Natanael - han frå Kana i Galilæa -
og Sebedæus-sønerne og tvo andre av læresveinarne
var der i hop. 3 Då segjer Simon Peter til deim: «Eg
gjeng'stad å fiska.» «Me vil og med, » segjer dei.
So tok dei ut og steig i båten; men den natti fekk
dei'kje noko. 4 I det bilet det tok til å dagast, stod
Jesus med ein gong på strandi; men læresveinarne
visste ikkje at det var han. 5 Jesus segjer til deim: «De
hev vel ikkje noko å eta, born?» «Nei, » svara dei. 6
«Kasta garnet på høgre sida av båten, so fær de fisk,
» sagde han. Dei so gjorde, og då var dei ikkje god til
å draga garnet, so mykje fisk var der i det. 7 Då segjer
den læresveinen som Jesus elska, til Peter: «Det er
Herren!» Med det same Simon Peter fekk høyra at det
var Herren, tok han kjolen sin på seg - for han hadde
lagt honom av - og kasta seg i sjøen. 8 Og dei andre
læresveinarne kom med båten, og slæpte garnet med
fiskarne etter seg; for dei var ikkje langt ifrå land, berre
tvo hundrad alner på lag. 9 Då dei steig i land, ser
dei ein glohaug som ligg der med fisk på og brød. 10
«Kom hit med noko av den fisken de fekk!» segjer
Jesus. 11 Då steig Simon Peter ut i båten og drog
garnet på land; det var fullt av store fiskar, hundrad og
tri og femti; men endå det var so mange, gjekk ikkje
garnet sund. 12 «Kom hit og få dykk ein morgonbite!»
segjer Jesus. Ingen av læresveinarne våga å spyrja
honom: «Kven er du?» dei visste at det var Herren. 13
Då kom Jesus, og tok brødet og gav deim, og like eins
fisken. 14 Dette var no tridje gongen Jesus openberra
seg for læresveinarne etter at han hadde stade upp frå
dei daude. 15 Som dei no hadde ete morgonverden,
segjer Jesus til Simon Peter: «Simon Johannesson,
elskar du meg meir enn desse?» «Ja, Herre, » svarar
han; «du veit at eg held av deg.» «Fød lambi mine!»
segjer Jesus. 16 So segjer han til honom att, andre
gongen: «Simon Johannesson, elskar du meg?» Han
svarar: «Ja, Herre, du veit eg held av deg.» «Gjæt
sauerne mine» segjer Jesus. 17 So segjer han til
honom tridje gongen: «Simon Johannesson, held du
av meg?» Peter tykte det leidt at han spurde honom
tridje gongen: «Held du av meg?» Han svara: «Herre,
du veit alt, du veit at eg held av deg.» Jesus segjer til
han: «Fød sauerne mine!» 18 «Det segjer eg deg for
visst og sant: Då du var yngre, batt du sjølv livgjordi
um deg og gjekk dit du vilde; men når du vert gamall,
skal du retta ut henderne dine, og ein annan skal binda
livgjordi um deg og føra deg dit du ikkje vil.» 19 Det
sagde han for å vitra um kvaslags daude han skulde
koma til å æra Gud med. Då han hadde sagt det,
segjer han til honom: «Fylg meg!» 20 Då Peter snudde
seg, ser han at den læresveinen som Jesus elska,
fylgde med, han som hadde sete tett innmed honom
då dei heldt nattverd, og spurt: «Herre, kven er den
som svik deg?» 21 Då Peter såg honom, segjer han til
Jesus: «Herre, korleis skal det so ganga honom?» 22
Jesus svarar: «Um eg vil at han skal liva til eg kjem,
kva hev so du med det? Fylg du meg!» 23 Soleis
kom det ordet ut bland brørne: «Den læresveinen døyr
ikkje.» Men Jesus sagde ikkje til honom at han ikkje
skulde døy; det han sagde var: «Um eg vil at han skal
liva til eg kjem, kva hev so du med det?» 24 Det er den
læresveinen som vitnar um desse ting og hev skrive
dette, og me veit at vitnemålet hans er sant. 25 Det
er endå mykje anna som Jesus hev gjort. Skulde det
skrivast upp, kvar ting for seg, trur eg ikkje heile verdi
vilde røma dei bøkerne som då laut skrivast.

# Apostlenes-gjerninge

**1** Den fyrste boki skreiv eg, Teofilus, um alt det som
Jesus tok til med både å gjera og læra, **2** alt til
den dagen då han vart uppteken, etter at han ved
den Heilage Ande hadde gjeve sine bod til apostlarne
som han hadde valt seg ut, **3** deim som han og steig
livande fram for med mange yvertydande teikn, etter
han hadde lide, med di han i fyrti dagar synte seg for
deim og tala um det som høyrer til Guds rike. **4** Og
då han var saman med deim, baud han deim at dei
ikkje skulde vika frå Jerusalem, men venta på det som
Faderen hadde lova, «som de, » sagde han, «hev
høyrt av meg. **5** For Johannes døypte med vatn, men
de skal verta døypte med den Heilage Ande um ikkje
mange dagar.» **6** Då dei no var saman, spurde dei
honom og sagde: «Herre, reiser du på den tidi riket
upp att for Israel?» **7** Han sagde til deim: «Det er
ikkje dykkar sak å vita tid eller stund som Faderen
hev sett i si eigi magt. **8** Men de skal få kraft når den
Heilage Ande kjem yver dykk; og de skal vera mine
vitne i Jerusalem og i heile Judæa og Samaria og til
ytste enden av jordi.» **9** Og då han hadde sagt dette,
for han upp so dei såg på; og ei sky tok honom burt
for augo deira. **10** Og som dei no stod og stirde mot
himmelen då han for burt, sjå, då stod det tvo menner
hjå deim i kvite klæde, **11** og dei sagde: «Menner
frå Galilæa, kvi stend de og ser upp mot himmelen?
Denne Jesus som er teken upp frå dykk til himmelen,
han skal koma att på same måten som de såg honom
fara til himmels.» **12** Då vende dei um til Jerusalem frå
det berget som er kalla Oljeberget, og som er nær
Jerusalem, ein kviledagsveg derifrå. **13** Og då dei kom
inn der, gjekk dei upp på salen der dei heldt til - både
Peter og Johannes og Jakob og Andreas, Filip og
Tomas, Bartolomæus og Mattæus, Jakob, Alfæus' son,
og Simon Selotes og Judas, Jakobs bror. **14** Alle desse
heldt samstendige ved i bøn saman med nokre kvinnor
og Maria, Jesu mor, og brørne hans. **15** Og i dei
dagarne stod Peter upp midt imillom læresveinarne -
og der var ein hop saman på umkring hundrad og tjuge
- og han sagde: **16** «Brør! Det laut verta uppfyllt det
skriftordet som den Heilage Ande fyreåt tala gjenom
Davids munn um Judas, som vart vegvisar for deim
som greip Jesus; **17** for han var rekna med millom
oss og fekk lut i denne tenesta. **18** Han kjøpte seg
då ein åker av løni for si ugjerning, og då han stupte
ned, og sprakk han midt i tvo, og all innvolen i honom
valt ut. **19** Og det vart kunnigt for alle deim som bur i
Jerusalem, so at den åkeren på deira mål fekk namnet
Hakeldama, det er: Blodåkeren; **20** for det stend skrive
i Salmeboki: «Hans bustad verte øydd, og ingen mann
bu der, » og: «Ein annan take hans embætte!» **21** Difor
må ein av dei menner som hev vore med oss heile tidi
då Herren Jesus gjekk inn og ut millom oss, **22** alt frå
Johannes-dåpen til den dagen han vart uppteken frå
oss - ein av desse må verta vitne saman med oss um
hans uppstoda.» **23** Og dei stelte fram tvo: Josef som
vart kalla Barsabbas med tilnamnet Justus, og Mattias.
**24** Og dei bad og sagde: «Herre, du som kjenner hjarto
i alle, syn oss den som du hev valt ut av desse tvo
**25** til å få lut i denne tenesta og apostelgjerning som
Judas gjekk burt ifrå til å fara til sin egen stad!» **26** Og
dei kasta lut millom deim, og luten fall på Mattias, og
han vart rekna saman med dei elleve apostlarne.

**2** Og då kvitsunndagen var komen, var dei alle samla
på same staden. **2** Då kom det brått frå himmelen
ein ljod som av ein framstormande sterk vind og fyllte
heile huset der dei sat. **3** Og det synte seg for deim
tungor liksom av eld, som skilde seg og sette seg
på kvar ein av deim. **4** Då vart dei alle fyllte med
den Heilage Ande, og dei tok til å tala med andre
tungor, etter som Anden gav deim å tala. **5** No budde
det i Jerusalem jødar, gudlege menner frå alle folk
under himmelen. **6** Då so denne ljoden vart høyrd,
kom mengdi saman og vart forfjamsa; for kvar mann
høyrde deim tala på hans eige mål. **7** Og dei vart
forfærde og undra seg og sagde: «Høyr her, er ikkje
alle desse som talar, galilæarar? **8** og korleis kann me
då høyra deim tala kvar på vårt eige mål, som me er
fødde i, **9** folk frå Partia og Media og Elam, og me
som bur i Mesopotamia og i Judæa og Kappadokia,
Pontus og Asia, **10** Frygia og Pamfylia, Egyptarland og
Libyalandet ved Kyrene, og me tilreisande frå Rom, **11**
både jødar og jødetruande, me frå Kreta og Arabia:
me høyrer deim tala um Guds store verk på våre
tungemål!» **12** Men dei vart alle forfærde og rådville
og sagde den eine til den andre: «Kva skal då dette
vera?» **13** Men andre sagde spottande: «Dei er fulle
av søt vin.» **14** Då stod Peter fram med dei elleve, lyfte
røysti og tala til deim: «De jødiske menner og alle de
som bur i Jerusalem! dette vere dykk kunnigt, og merk
mine ord! **15** For desse er ikkje drukne, so som de trur
- det er då den tridje timen på dagen -. **16** Men dette
er det som er sagt gjenom profeten Joel: **17** «Og det
skal vera so i dei siste dagar, segjer Gud, då vil eg
renna min Ande ut yver alt kjøt, og sønerne dykkar
og døtterne dykkar skal tala profetord, og dei unge
gutarne dykkar skal sjå syner, og dei gamle mennerne
dykkar skal drøyma draumar. **18** Ja, endå på trælarne
mine og trælkvinnorne mine vil eg renna ut av min
Ande i dei dagarne, og dei skal tala profetord. **19** Og
eg vil syna under på himmelen i det høge og teikn
på jordi i det låge: blod og eld og røykdimma. **20** Soli

skal verta til myrker og månen til blod, fyrr Herrens
dag kjem, den store og herlege. 21 Og det skal vera
so at kvar den som kallar på Herrens namn, han skal
verta frelst.» 22 Israelitiske menner, høyr desse ordi:
Jesus frå Nasaret, ein mann som av Gud var stadfest
for dykk ved velduge gjerningar og under og teikn,
som Gud gjorde ved honom midt imillom dykk, so som
de og sjølve veit, 23 han som vart yvergjeven etter
Guds fastsette rådgjerd og fyrevitende, honom tok
de og krossfeste med urettferdigt folks hender og slo
honom i hel; 24 men Gud uppreiste honom med di han
løyste daudens rider, av di det ikkje var mogelegt at
han kunde verta halden fast av honom. 25 For David
segjer um honom: «Eg hadde alltid Herren framfor
augo mine; for han er ved mi høgre hand, so eg ikkje
skal verta rikka. 26 Difor gledde mitt hjarta seg, og
mi tunga fagna seg; ja endå mitt kjøt skal kvila trygt i
von; 27 for du skal ikkje yverlata mi sjæl i helheimen
og ikkje lata din heilage sjå undergang. (Hadēs g86) 28
Du hev kunngjort meg livsens vegar; du skal fylla meg
med fagnad for di åsyn.» 29 Brør! lat meg tala beint
ut til dykk um patriarken David, at han både døydde
og vart gravlagd, og hans grav er hjå oss den dag i
dag. 30 Då han no var ein profet, og visste det som
Gud hadde svore ved ein eid, at han av frukti utav
hans lend vilde setja ein på hans kongsstol, 31 so tala
han framsynt um Messias' uppstoda det ordet at han
ikkje vart yverlaten i helheimen, og ikkje heller hans
kjøt såg undergang. (Hadēs g86) 32 Denne Jesus reiste
Gud upp, som me alle er vitne um. 33 Då han no er
upphøgd ved Guds høgre hand og av Faderen hev
fenge den Heilage Ande som var lova, so hev han rent
dette ut, som de både ser og høyrer. 34 For David for
ikkje upp til himmelen; men han segjer: «Herren sagde
til min Herre: «Set deg ved mi høgre hand, 35 til dess
eg fær lagt dine fiendar til skammel under dine føter!»»
36 So skal då heile Israels hus vita for visst, at Gud hev
gjort honom både til Herre og til Messias, denne Jesus
som de krossfeste.» 37 Men då dei høyrde det, gav
det som ein styng i hjarta deira, og dei sagde til Peter
og dei andre apostlarne: «Brør, kva skal me gjera?»
38 Men Peter sagde til deim: «Vend um, og kvar av
dykk late seg døypa på Jesu Kristi namn til forlating for
synderne, og de skal få den Heilage Ande til gåva! 39
For lovnaden høyrer dykk til og dykkar born og alle
deim som er langt burte, so mange som Herren, vår
Gud, kallar til.» 40 Og med mange andre ord vitna han
og lagde deim det på hjarta og sagde: «Lat dykk frelsa
frå denne rangsnudde ætti!» 41 Dei som no tok imot
hans ord, dei vart døypte, og den dagen vart det lagt til
umkring tri tusund sjæler. 42 Og dei heldt trutt fast
ved læra åt apostlarne og samfundet og brødbrjotingi
og bønerne. 43 Og der kom otte på kvar sjæl, og det
vart gjort mange under og teikn ved apostlarne. 44 Og
alle dei truande heldt seg saman og hadde allting til
sameiga. 45 Og eigedomarne sine og godset selde dei
og skifte det ut til alle, etter som nokon hadde trong til.
46 Og kvar dag søkte dei samheldigt templet og braut
brødet heime og fekk seg føda med fagnad og hjartans
einfelde, 47 medan dei lova Gud og hadde ynde hjå alt
folket. Men kvar dag lagde Herren til kyrkjelyden deim
som let seg frelsa.

**3** Men Peter og Johannes gjekk saman upp i templet
i bønetimen, den niande timen. 2 Og ein mann
som var vanfør frå mors liv, vart boren fram; og dei
sette honom kvar dag ved den tempeldøri som er kalla
den fagre, so han kunde beda um sælebotsgåva av
deim som gjekk inn i templet. 3 Då han såg Peter og
Johannes, som vilde ganga inn i templet, bad han
um å få ei sælebotsgåva. 4 Men Peter feste augo på
honom, saman med Johannes, og sagde: «Sjå på
oss!» 5 Han stirde på deim og venta å få noko av
deim. 6 Men Peter sagde: «Sylv og gull hev eg ikkje;
men det eg hev, det gjev eg deg: i nasaræaren Jesu
Kristi namn statt upp og gakk!» 7 So greip han honom
ved høgre handi og reiste honom upp. 8 Men straks
vart føterne hans og oklo sterke, og han sprang upp
og stod og gjekk ikring; og han gjekk med deim inn i
templet, gjekk ikring der og sprang og lova Gud. 9
Og alt folket såg honom ganga ikring og lova Gud; 10
Og dei kjende honom, at det var han som hadde sete
etter sælebotsgåva ved den fagre tempeldøri. Og dei
vart fulle av undring og rædsla yver det som hadde
hendt med honom. 11 Med han heldt seg til Peter og
Johannes, strøymde alt folket saman um deim i den
sulehalli som er kalla Salomons, og dei var forstøkte.
12 Då Peter det såg, svara han folket: «Israelitiske
menner, kvi undrast de på dette, eller kvi stirer de so
på oss, som um me av vår eigi magt eller gudlegdom
hadde gjort at han kann ganga? 13 Abrahams og Isaks
og Jakobs Gud, vår fedregud, hev herleggjort sin tenar
Jesus, han som de sveik og forneitta for Pilatus, då
han dømde at han skulde verta fri. 14 Men de forneitta
den heilage og rettferdige, og bad um at ein mordar
måtte verta dykk unnt. 15 Men livsens hovding slo de i
hel, han som Gud reiste upp frå dei daude, som me er
vitne til. 16 Og ved trui på hans namn hev hans namn
styrkt denne mannen, som de ser og kjenner; og trui
som er verka ved honom, gav denne mannen hans
fulle helsa for augo på dykk alle. 17 Og no, brør, eg veit
at de hev gjort det i vankunna, liksom og rådsherrarne
dykkar. 18 Men Gud uppfylte soleis det som han fyreåt
sagde gjenom munnen til alle sine profetar, at hans
Messias skulde lida. 19 So gjer då bot og vend um, so

synderne dykkar må verta utstrokne, so at hugsvalings
tider kann koma frå Herrens åsyn, 20 og han kann
senda den Messias som er utkåra åt dykk, Jesus, 21
han som himmelen skal hysa til tidi for atterreisingi
av alle ting, som Gud hev tala um gjenom munnen til
sine heilage profetar frå gamle dagar. (aiōn g165) 22 For
Moses hev sagt: «Herren, dykkar Gud, skal reisa upp
åt dykk ein profet av dykkar brør liksom eg; honom
skal de høyra i alt det som han talar til dykk. 23 Og det
skal bera so til, at kvar den sjæl som ikkje høyrer den
profeten, skal verta utrudd or folket.» 24 Men ogso alle
profetarne frå Samuel og sidan, so mange som hev
tala, dei hev og forkynt um desse dagarne. 25 De er
born åt profetarne og åt den pakti som Gud gjorde
med våre feder, då han sagde til Abraham: «Og i di
ætt skal alle ætter på jordi velsignast.» 26 De var dei
fyrste som Gud sende tenaren sin til, då han let honom
koma fram for at han skulde velsigna dykk, med di
kvar av dykk vender seg frå sin vondskap.»

**4** Men medan dei tala til folket, kom prestarne og
hovudsmannen for tempelvakti og sadducæarane
yver deim, 2 då dei harma seg yver at dei lærde
folket og forkynte i Jesus uppstoda frå dei daude; 3
og dei lagde hand på deim og sette deim i fengsel til
næste dagen; for det var alt kveld. 4 Men mange av
deim som hadde høyrt ordet, kom til tru, og talet på
mennerne vart umkring fem tusund. 5 So hende det
seg dagen etter, at deira rådsherrar og styresmenner
og skriftlærde kom saman i Jerusalem, 6 og med
deim øvstepresten Annas og Kajafas og Johannes og
Aleksander, og so mange som var av øvstepresteleg
ætt. 7 Og dei stelte deim fram for seg og spurde:
«Kva kraft eller kva namn gjorde de dette ved?» 8 Då
sagde Peter til deim, fyllt av den Heilage Ande: «De
rådsherrar for folket og Israels styresmenner! 9 Når me
i dag vert forhøyrde um ei velgjerning mot ein vanfør
mann, kva han er lækt ved, 10 so skal det vera kunnigt
for dykk alle og heile Israels folk, at ved nasaræaren
Jesu Kristi namn, han som de krossfeste, men som
Gud reiste upp frå dei daude, ved honom stend denne
frisk for dykkar augo. 11 Han er den steinen som vart
forsmådd av dykk, bygningsmenner, men som vart til
hyrnestein. 12 Og ikkje er det frelsa i nokon annan; for
ikkje er der heller noko anna namn under himmelen,
gjeve millom menneskje, som me skal verta frelste
ved.» 13 Men då dei såg slikt frimod hjå Peter og
Johannes, og fekk vita at dei var ulærde lækfolk, undra
dei seg; og dei kjende deim, at dei hadde vore med
Jesus. 14 Men då dei såg den mannen som hadde
vorte lækt, standande hjå deim, hadde dei ikkje noko å
segja imot. 15 Men dei baud deim ganga ut ifrå rådet,
og dei samrådde seg med kvarandre og sagde: 16
«Kva skal me gjera med desse menneskje? for at eit
audkjent teikn er gjort ved deim, det er synbert for alle
deim som bur i Jerusalem, og me kann ikkje neitta det.
17 Men for at det ikkje skal verta bore vidare utyver til
folket, so lat oss strengt påleggja deim at dei ikkje meir
må tala til noko menneskje i dette namnet.» 18 So
kalla dei deim inn og baud deim at dei slett ikkje måtte
tala eller læra i Jesu namn. 19 Men Peter og Johannes
svara og sagde til deim: «Døm sjølve, um det er rett for
Guds åsyn å lyda dykk meir enn Gud! 20 for me kann
ikkje anna enn tala um det som me hev set og høyrt.»
21 Dei truga deim då endå meir og let deim ganga,
då dei ikkje kunde finna nokor råd til å refsa deim for
folket skuld; for alle lova Gud for det som hendt var. 22
For han var meir enn fyrti år gamall den mannen som
dette lækjedoms-teiknet hadde hendt med. 23 Då dei
so slapp lause, kom dei til sine eigne og fortalde det
som øvsteprestarne og styresmennerne hadde sagt til
deim. 24 Då dei høyrde det, lyfte dei samlyndt si røyst
til Gud og sagde: «Herre, du som gjorde himmelen
og jordi og havet og alt det som i deim er, 25 du som
sagde gjenom din tenar Davids munn: «Kvifor rasa
heidningarne og lagde folki fåfengde råd? 26 Kongarne
på jordi reiste seg, og hovdingarne samla seg saman
imot Herren og imot den han salva.» 27 Ja, i sanning, i
denne byen slo dei seg saman mot din heilage tenar
Jesus, som du salva, både Herodes og Pontius Pilatus
med heidningarne og Israels folk, 28 til å gjera det
som di hand og di råd fyreåt hadde fastsett skulde
hendast. 29 Og no, Herre! sjå til deira trugsmål, og
gjev dine tenarar å tala ditt ord med alt frimod, 30 med
di du retter ut di hand til lækjing og teikn og under ved
din heilage tenar Jesu namn!» 31 Og då dei hadde
bede, skalv romet der dei var samankomne, og alle
vart fyllte med den Heilage Ande, og dei tala Guds
ord med frimod. 32 Men heile mengdi av dei truande
hadde eitt hjarta og ei sjæl. Og ikkje ein sagde at
noko av hans gods var hans eige; men dei hadde alle
ting til sameiga. 33 Og med stor kraft bar apostlarne
vitne um Herren Jesu uppstoda, og stor nåde var yver
deim alle. 34 For det var ikkje heller nokon trengande
millom deim; for so mange som åtte jord eller hus,
selde deim og bar fram pengeverdet for det som dei
hadde selt, 35 og lagde det for føterne på apostlarne;
og det vart utskift til kvar, etter som nokon hadde trong
til. 36 Men Josef, som apostlarne hadde kalla med
tilnamn Barnabas, det tyder: påminnaren, ein levit,
ætta frå Kypern, 37 som åtte ein åker, selde honom
og bar pengarne fram og lagde deim for føterne på
apostlarne.

**5** Men ein mann med namnet Ananias med kona si
Saffira selde ein eigedom, 2 og han gøymde undan

noko av pengeverdet, so kona hans visste det, og bar
fram ein deil og lagde det for føterne på apostlarne.
3 Men Peter sagde: «Ananias, kvifor hev Satan fyllt
hjarta ditt, so du skulde ljuga for den Heilage Ande
og gøyma undan av pengeverdet for jordstykket? 4
Var det ikkje ditt medan du åtte det? og var det ikkje
i di magt då det vart selt? Kvi hev du då sett deg
denne gjerning fyre i hjarta ditt? Du hev ikkje loge for
menneskje, men for Gud.» 5 Men då Ananias høyrde
desse ordi, seig han ned og gav upp åndi. Og det
kom stor otte på alle deim som høyrde dette. 6 Men
dei unge mennerne stod upp og budde liket til og
bar honom ut og jorda honom. 7 Og det hende seg
umkring tri timar seinare, då kom kona hans inn og
visste ikkje um det som hadde hendt. 8 Peter sagde då
til henne: «Seg du meg, selde de jordstykket for den
pris?» Ho svara: «Ja, for den pris.» 9 Då sagde Peter
til henne: «Kvi hev de vorte samtykte um å freista
Herrens Ande! Sjå, deira føter som jorda mannen din,
er utfyre døri, og dei skal bera deg ut.» 10 Og ho seig
straks ned for føterne hans og gav upp åndi. Men dei
unge mennerne kom inn og fann henne daud og bar
henne ut og jorda henne attved mannen hennar. 11 Og
det kom stor otte på heile kyrkjelyden og på alle deim
som høyrde dette. 12 Men ved henderne til apostlarne
vart det gjort mange teikn og under millom folket, og
dei var alle samstendige i Salomons sulehall. 13 Men
av dei andre våga ingen å slå lag med deim; men
folket høgvyrde deim; 14 og enn fleire som trudde, vart
lagde til Herren, ei mengd både av menner og kvinnor,
15 so dei jamvel bar dei sjuke ut på gatorne og lagde
deim på sengjer og benkjer, so i det minste skuggen
av Peter kunde yverskyggja nokon av deim, når han
kom. 16 Ja, endå frå byarne der i kring kom ei mengd
saman til Jerusalem og førde sjuke med, og folk som
var plåga av ureine ånder; og dei vart alle lækte. 17
Men øvstepresten stod upp og alle dei som heldt med
honom, det var sadducæarflokken, og dei vart fulle av
brennhug, 18 og dei lagde hand på apostlarne og kasta
deim i det ålmenne fengslet. 19 Men Herren engel
opna um natti dørerne til fengslet og førde deim ut og
sagde: 20 «Gakk og stig fram og tala i templet alle
dette livs ord til folket!» 21 Då dei høyrde det, gjekk dei
i dagningi inn i templet og lærde. Då so øvstepresten
kom og dei som var med honom, kalla dei saman rådet
og alle styresmennerne for Israels born, og dei sende
bod til fengslet, at dei skulde føra deim fram. 22 Men
då tenarane kom der, fann dei deim ikkje i fengslet,
og so vende dei um att og fortalde det og sagde: 23
«Fengslet fann me stengt med all umsyn, og vakterne
stod ved dørerne. Men då me let upp, fann me ingen
der inne.» 24 Då hovudsmannen for tempelvakti og
øvsteprestarne høyrde dei ordi, vart dei rådville um
deim, kva dette skulde verta til. 25 So kom det ein og
fortalde deim og sagde: «Sjå, dei mennerne som de
kasta i fengsel, dei stend i templet og lærer folket.» 26
Då gjekk hovudsmannen dit med tenarane og henta
deim, men ikkje med magt; for dei var rædde for folket,
at dei skulde verta steina. 27 Men då dei hadde henta
deim, stelte dei deim for rådet. Og øvstepresten spurde
deim og sagde: 28 «Baud me dykk ikkje strengt, at de
ikkje skulde læra i dette namnet? og sjå, de hev fyllt
Jerusalem med læra dykkar, og de vil føra yver oss
denne manns blod.» 29 Då svara Peter og apostlarne
og sagde: «Ein skal lyda Gud meir enn menneskje. 30
Vår fedregud reiste upp Jesus som de tok livet av då
de hengde honom på eit tre. 31 Denne hev Gud lyft
upp ved si høgre hand til ein fyrste og frelsar til å gjeva
Israel umvending og forlating for synderne. 32 Og me
er hans vitne um desse ting liksom og den Heilage
Ande, som Gud hev gjeve deim som lyder honom.»
33 Då dei høyrde dette, skar det deim i hjarta, og dei
rådlagde um å slå deim i hel. 34 Men det reiste seg ein
farisæar i rådet med namnet Gamaliel, ein lovlærar
som var høgvyrd av heile folket, og han baud deim
føra apostlarne ut ei liti stund. 35 Og han sagde til
deim: «Israelitiske menner! Sjå dykk vel fyre, kva de
gjer med desse menneskje! 36 For fyre desse dagar
stod Teudas fram og sagde seg sjølv å vera noko, og
ein flokk på umkring fire hundrad menner slo lag med
honom; han vart slegen i hel, og alle dei som lydde
honom, drivne frå kvarandre og vart til inkjes. 37 Etter
honom stod galilæaren Judas fram, den tid skatte-
utskrivingi var, og eggja upp folket med seg. Han let
og livet, og alle dei som lydde honom, vart spreidde
frå kvarandre. 38 Og no segjer eg dykk: Haldt dykk
ifrå desse mennerne og lat deim fara! For er denne
rådi eller dette verket av menneskje, skal det verta til
inkjes. 39 Men er det av Gud, so kann de ikkje gjera
det til inkjes! Sjå til at de ikkje må verta funne stridande
mot Gud.» 40 Dei lydde honom, og kalla apostlarne
inn att og let deim verta hudfletta, og baud deim at dei
ikkje skulde tala i Jesu namn, og let deim so ganga. 41
So gjekk dei då burt frå rådet, glade yver at dei var
haldne verdige til å lida vanæra for hans namn skuld.
42 Og dei heldt ikkje upp med å læra kvar dag i templet
og heime og forkynna evangeliet um Kristus Jesus.

**6** I desse dagarne, då talet på læresveinarne voks,
murra dei græsktalande jøderne imot hebræarane,
at deira enkjor vart mishaldne ved den daglege forsyting.
2 Då kalla dei tolv heile mengdi av læresveinarne
saman og sagde: «Det er ikkje høvelegt at me skal
forlata Guds ord og tena ved bordi. 3 Difor, brør, sjå
dykk um etter sju menner millom dykk, som hev godt

lov og er fulle av den Heilage Ande og visdom, so
me kann setja deim til dette umbodet! 4 Men me vil
halda trutt ved i bøni og i tenesta med ordet.» 5 Dette
ordet lika heile mengdi vel, og dei valde Stefanus,
ein mann full av tru og den Heilage Ande, og Filip
og Prokorus og Nikanor og Timon og Parmenas og
Nikolaus, ein jødetruande frå Antiokia; 6 og stelte deim
fram for apostlarne, og dei bad og lagde henderne på
deim. 7 Og Guds ord hadde framgang, og talet på
læresveinarne voks mykje i Jerusalem, og ein stor hop
av prestarne vart lyduge mot trui. 8 Men Stefanus var
full av tru og kraft og gjorde under og store teikn millom
folket. 9 Men der stod upp nokre av den synagoga
som er kalla synagoga åt dei frigjevne og kyrenæarane
og alexandrinarne, og av deim frå Kilikia og Asia, og
dei gav seg i ordskifte med Stefanus. 10 Og dei kunde
ikkje standa seg mot den visdom og ånd han tala utav.
11 Då tinga dei løynleg nokre menner som sagde: «Me
hev høyrt honom tala spottande ord imot Moses og
Gud.» 12 Og dei øste upp folket og styresmennerne og
dei skriftlærde, og dei sette på honom og reiv honom
med og førde honom for rådet. 13 Og dei stelte fram
falske vitne, som sagde: «Denne mannen held ikkje
upp med å tala mot denne heilage staden og mot lovi.
14 For me hev høyrt honom segja at denne Jesus
frå Nasaret skal riva ned denne staden og brigda dei
sedvanar som Moses gav oss.» 15 Og då alle deim
som sat i rådet, stirde på honom, såg dei åsyni hans
som ein engels åsyn.

7 Då sagde øvstepresten: «Hev dette seg so?» 2 Han
svara: «Brør og feder, høyr på meg! Herlegdomens
Gud openberra seg for far vår, Abraham, då han var i
Mesopotamia, fyrr han feste bu i Kharan; 3 og han
sagde til honom: «Gakk ut frå landet ditt og frå ætti di,
og far til det landet som eg skal syna deg!» 4 Då gjekk
han ut or Kaldæarland og feste bu i Kharan; og då far
hans var dåen, let han honom flytja derifrå til dette
landet, der de no bur; 5 men han gav honom ikkje
arvlut der, ikkje ei fotbreidd eingong. Og han lova å
gjeva honom det til eiga og hans ætt etter honom, endå
han ikkje hadde barn. 6 Og Gud tala soleis: «Hans ætt
skal bu som utlendingar i framandt land, og dei skal
gjera deim til trælar og fara ille med deim i fire hundrad
år. 7 Og det folket som dei trælar under, vil eg døma, »
sagde Gud. «Og so skal dei draga ut og tena meg på
denne staden.» 8 Og han gav honom umskjeringspakti;
og so avla han Isak og umskar honom den åttande
dagen, og Isak Jakob, og Jakob dei tolv patriarkarne.
9 Og patriarkarne ovundast på Josef og selde honom
til Egyptarland. Og Gud var med honom 10 og fria
honom ut or alle hans trengslor og gav honom nåde og
visdom for Farao, egyptarkongen, og han sette honom
til hovding yver Egyptarland og heile sitt hus. 11 So
kom det hunger yver heile Egyptarland og Kana'an, og
stor trengsla; og federne våre fann ikkje føda. 12 Men
då Jakob høyrde at der var korn i Egyptarland, sende
han federne våre dit fyrste gongen. 13 Og den andre
gongen vart Josef attkjend av brørne sine, og Farao
lærde å kjenna Josefs ætt. 14 Men Josef sende bod
og kalla Jakob, far sin, og alt folket sitt dit, fem og sytti
sjæler. 15 Og Jakob drog ned til Egyptarland, og han
døydde, han og federne våre. 16 Og dei vart flutte yver
til Sikem og lagde i den gravi som Abraham kjøpte for
sylv av borni åt Hemor i Sikem. 17 Etter som det leid til
tidi for den lovnaden som Gud tilsvor Abraham, auka
folket seg og vart mannsterkt i Egyptarland, 18 alt til
det kom ein annan konge yver Egyptarland, som ikkje
visste noko um Josef. 19 Han for med svikråd mot
folket vårt og for ille med federne våre, til dess dei laut
setja småborni sine ut, so dei ikkje skulde få liva. 20 I
den tidi vart Moses fødd, og han var yndeleg for Gud.
Og han vart fostra i huset åt far sin i tri månader. 21
Men då han vart utsett, tok Faraos dotter honom og
fostra honom upp som sin eigen son. 22 Og Moses
vart upplærd i all egyptar-visdomen; og han var megtig
i ord og gjerningar. 23 Men då han hadde fyllt fyrti år,
fekk han hug til å sjå um brørne sine, Israels-borni.
24 Og då han såg at ein leid urett, kom han honom
til hjelp og tok hemn for honom som leid yvervald,
og slo egyptaren i hel. 25 Han tenkte at brørne hans
skulde skyna at Gud gav deim frelsa ved hans hand.
Men dei skyna det ikkje. 26 Dagen etter kom han til
deim då dei trætta, og han talde deim til å halda fred
og sagde: «Menner, de er brør; kvi gjer de urett mot
kvarandre?» 27 Men han som gjorde grannen sin urett,
støytte honom ifrå seg og sagde: «Kven hev sett deg
til hovding og domar yver oss? 28 Vil du kanskje slå
meg i hel, liksom du slo egyptaren i hel i går?» 29
Men Moses flydde for dette ordet skuld og vart ein
utlending i Midjans land, og han fekk tvo søner der. 30
Og då fyrti år var lidne, synte ein engel seg for honom
i øydemarki ved Sinaifjellet i eldslogen i ein klunger. 31
Då Moses såg det, undra han seg yver syni. Men då
han gjekk burtåt og vilde sjå, kom ei røyst frå Herren:
32 «Eg er din fedregud, Abrahams Gud og Isaks Gud
og Jakobs Gud.» Men Moses vart skjelvande rædd
og torde ikkje sjå på. 33 Og Herren sagde til honom:
«Løys skorne av føterne dine! for staden du stend på,
er heilag jord. 34 Eg hev grant set illgjerdi mot mitt folk
i Egyptarland og høyrt deira sukk, og eg hev stige ned
og vil fria deim ut. Og no, kom! lat meg senda deg til
Egyptarland!» 35 Denne Moses som dei forneitta og
sagde: «Kven hev sett deg til hovding og domar?»
honom sende Gud til hovding og utløysar ved den

engels hand som synte seg for honom i klungeren. 36
Han førde deim ut medan han gjorde under og teikn i
Egyptarland og i Raudehavet og i øydemarki i fyrti år.
37 Han er den Moses som sagde til Israels-borni: «Ein
profet liksom eg skal Herren, dykkar Gud, reisa upp
åt dykk av dykkar brør.» 38 Han er den som i lyden
i øydemarki var med engelen som tala til honom på
Sinaifjellet, og med federne våre, han som tok imot
livande ord til å gjeva oss. 39 Honom vilde federne
dykkar ikkje lyda, men dei støytte honom ifrå seg og
vende seg i sitt hjarta til Egyptarland, då dei sagde til
Aron: 40 «Gjer oss gudar, som kann ganga fyre oss!
for denne Moses som førde oss ut or Egyptarland -
me veit ikkje kva som hev hendt honom.» 41 Og dei
gjorde ein kalv i dei same dagarne bar offer fram til
den avguden, og gledde seg yver det som deira eigne
hender hadde gjort. 42 Men Gud vende seg burt og
yvergav deim til å tena himmelheren, so som det stend
skrive i profetboki: «Hev vel de, Israels hus, gjeve
meg slagtoffer og andre offer i fyrti år i øydemarki? 43
Og de bar med dykk Moloks tjeld og guden Remfans
stjerna, dei bilæti som de gjorde for å tilbeda deim.
Og eg vil flytja dykk burt på hi sida åt Babylon.» 44
Vitnemålstjeldet var hjå federne våre i øydemarki; so
som han som tala til Moses, hadde bode å gjera det
etter det bilætet han hadde set. 45 Dette tok federne
våre i arv og førde det inn med Josva i eigedomslandet
til dei heidningfolki som Gud dreiv undan for federne
våre alt til Davids dagar. 46 Han fann nåde for Guds
åsyn og bad um at han måtte finna ein bustad åt
Jakobs Gud. 47 Men Salomo bygde honom eit hus. 48
Men den Høgste bur ikkje i hus som er gjorde med
hender, som profeten segjer: 49 «Himmelen er min
kongsstol, og jordi skammel under mine føter. Kva hus
vil de byggja meg? segjer Herren, eller kva stad er min
kvilestad? 50 Hev ikkje mi hand gjort alt dette?» 51
De harde halsar og u-umskorne på hjarta og øyro! De
stend alltid imot den Heilage Ande, som dykkar feder,
so de og! 52 Kven av profetarne forfylgde ikkje federne
dykkar? og dei slo deim i hel, som fyreåt forkynte at
den Rettferdige skulde koma, han som de no hev svike
og drepe, 53 de som fekk lovi gjenom englar og hev
ikkje halde henne!» 54 Men då dei høyrde dette, skar
det deim i hjarta, og dei beit tennerne saman imot
honom. 55 Men han var full av den Heilage Ande og
såg upp mot himmelen, og han såg Guds herlegdom,
og Jesus standa ved Guds høgre hand. 56 Og han
sagde: «Sjå, eg ser himlarne opne og Menneskjesonen
standa ved Guds høgre hand!» 57 Då skreik dei med
høg røyst og heldt for øyro sine og styrmde samlyndt
inn på honom. 58 Og dei dreiv honom ut utanfor byen
og steina honom. Og vitni lagde klædi sine av ved
føterne til ein ung mann som heitte Saulus. 59 Og dei
steina Stefanus, medan han bad og sagde: «Herre
Jesus, tak imot mi ånd!» 60 Men han fall på kne og
ropa med høg røyst: «Herre, tilrekna deim ikkje denne
syndi!» Og då han hadde sagt dette, sovna han av.

**8** Og Saulus samtykte i at dei drap honom. Men den
dagen tok det til ei stor forfylgjing mot kyrkjelyden i
Jerusalem, og dei vart spreidde ut yver Judæalandet
og Samarialandet, alle so nær som apostlarne. 2
Men nokre gudlege menner jorda Stefanus, og dei
gret og jamra sårt etter honom. 3 Men Saulus herja
kyrkjelyden og gjekk inn i hus etter hus og drog fram
menner og kvinnor og yvergav deim til fangehus. 4
Men dei som var spreidde utyver, gjekk ikring og bar
ut evangelie-ordet. 5 Filip kom då ned til ein by i
Samaria og forkynte Kristus for deim. 6 Og folket gav
samlyndt gaum etter det som vart sagt av Filip, med di
dei høyrde og såg dei teikni som han gjorde. 7 For or
mange som hadde ureine ånder, for dei ut ropande
med høg røyst, og mange lame og vanføre vart lækte.
8 Og det vart stor gleda i den byen. 9 Men det var
ein mann med namnet Simon, som fyrr hadde fare
med trolldom i byen og fjetra folket i Samaria, med di
han sagde seg vera noko stort. 10 Og alle heldt seg til
honom, både små og store, og sagde: «Han er Guds
kraft som heiter stor.» 11 Men dei heldt seg til honom,
av di han i lang tid hadde fjetra deim med trollkunster.
12 Men då dei no trudde Filip, som forkynte evangeliet
um Guds rike og Jesu Kristi namn, so let dei seg døypa
både menner og kvinnor. 13 Og Simon tok ved trui
han og, og då han var døypt, heldt han seg til Filip,
og då han såg dei teikn og store kraftige gjerningar
som vart gjorde, vart han mest frå seg av undring.
14 Då apostlarne i Jerusalem fekk høyra at Samaria
hadde teke imot Guds ord, sende dei til deim Peter
og Johannes; 15 dei kom ned og bad for deim, at dei
måtte få den Heilage Ande; 16 for endå var han ikkje
fallen på nokon av deim, men dei var berre døypte til
Herren Jesu namn. 17 Då lagde dei henderne på deim,
og dei fekk den Heilage Ande. 18 Men då Simon såg
at den Heilage Ande vart gjeven ved handpåleggjing
av apostlarne, kom han til deim med pengar og sagde:
19 «Gjev meg og denne magt, at den som eg legg
henderne på, må få den Heilage Ande!» 20 Men Peter
sagde til honom: «Forbanna vere sylvet ditt saman
med deg sjølv, for di du tenkte å kjøpa Guds gåva for
pengar! 21 Du hev ikkje deil eller lut i dette ordet; for
hjarta ditt er ikkje rett for Gud. 22 Vend difor um frå
denne vondskapen din, og bed til Gud, um den tanken
i hjarta ditt kunde verta deg forlaten! 23 For eg ser
at du ligg i illskaps gall og urettferds band.» 24 Då
svara Simon: «Bed de for meg til Herren, at ikkje noko

må koma yver meg av det som de hev sagt!» 25 Då
dei so hadde vitna og tala Herrens ord, vende dei um
att til Jerusalem, og dei forkynte evangeliet i mange
samaritanbyar. 26 Men ein Herrens engel tala til Filip
og sagde: «Statt upp og gakk mot sud på den vegen
som gjeng ned frå Jerusalem til Gaza!» Det er ein
øydeveg. 27 Og han stod upp og gjekk; og sjå, der var
ein mann frå Ætiopia, ein hirdmann, ein megtig herre
hjå dronning Kandake i Ætiopia, ein som var sett yver
heile skatten hennar; han var komen til Jerusalem for
å tilbeda, 28 og han var no på heimvegen og sat på
vogni si og las profeten Jesaja. 29 Men Anden sagde
til Filip: «Gakk burtåt og haldt deg ved denne vogni!»
30 Men Filip sprang til og høyrde at han las profeten
Jesaja, og han sagde: «Skynar du det du les?» 31
Men han sagde: «Korleis skulde eg kunna det, utan at
nokon rettleider meg?» Og han bad Filip stiga upp
og setja seg hjå honom. 32 Men det stykket av skrifti
som han las, var dette: «Som ein sau vart han ført til
slagting, og liksom eit lamb som er tagalt for den som
klypper det, soleis let han ikkje upp sin munn. 33 I
hans fornedring vart domen yver honom burtteken,
og kven kann fortelja um hans ætt? for hans liv vert
teke burt frå jordi.» 34 Men hirdmannen tok til ords og
sagde til Filip: «Eg bed deg: kven segjer profeten dette
um? um seg sjølv eller um nokon annan?» 35 Men
Filip let upp munnen og gjekk ut ifrå dette skriftordet
og forkynte honom evangeliet um Jesus. 36 Og som
dei for frametter vegen, kom dei til ein stad der det
var vatn. Og hirdmannen sagde: «Sjå her er vatn, kva
hindrar meg frå å verta døypt?» 37 Og Filip sagde:
«Trur du av heile ditt hjarta, so er det tillate.» Men han
svara og sagde: «Eg trur at Jesus Kristus er Guds
Son.» 38 Og han let vogni stana; og dei steig båe
tvo ned i vatnet, både Filip og hirdmannen, og han
døypte honom. 39 Men då dei steig upp or vatnet,
rykte Herrens Ande Filip burt, og hirdmannen såg
honom ikkje meir; for han for glad sin veg. 40 Men Filip
vart funnen i Asdod. Og han gjekk ikring og forkynte
evangeliet i alle byarne, til han kom til Cæsaræa.

**9** Men Saulus frøste endå av trugsmål og mord mot
Herrens læresveinar, og han gjekk til øvstepresten
2 og bad honom um brev til Damaskus, til synagogorne
der, at um han fann nokre som høyrde «den vegen»
til, både menner og kvinnor, han då kunde føra deim
bundne til Jerusalem. 3 Men då han drog fram og kom
nær til Damaskus, lyste det brått eit ljos frå himmelen
um honom. 4 Og han fall ned på jordi og høyrde ei
røyst som sagde til honom: «Saul, Saul, kvi forfylgjer
du meg?» 5 Han sagde: «Kven er du, Herre?» Og han
svara: «Eg er Jesus, han som du forfylgjer. 6 Men
statt upp og gakk inn i byen, so skal det verta sagt
deg kva du hev å gjera.» 7 Men dei menner som var
i ferdalag med honom, stod forstøkte då dei høyrde
røysti, men såg ingen. 8 Saulus reiste seg då upp
frå jordi; men då han opna augo, såg han ingen ting.
Dei leidde honom då ved handi og førde honom inn i
Damaskus. 9 Og i tri dagar såg han ikkje, og ikkje
åt eller drakk han. 10 Men det var ein læresvein i
Damaskus med namnet Ananias, og til honom sagde
Herren i ei syn: «Ananias!» Han svara: «Her er eg,
Herre!» 11 Og Herren sagde til honom: «Statt upp og
gakk til den gata, som er kalla den beine, og spør i
Judas' hus etter ein mann frå Tarsus, med namnet
Saulus; for sjå, han bed, 12 og han hev i ei syn set
ein mann med namnet Ananias, som kom og lagde
handi på honom, so han skulde få syni att.» 13 Men
Ananias svara: «Herre, eg hev høyrt av mange um
denne mannen, kor mykje vondt han hev gjort mot
dine heilage i Jerusalem. 14 Og her hev han fullmagt
frå øvsteprestarne til å binda alle deim som kallar på
ditt namn.» 15 Men Herren sagde til honom: «Gakk
du! for han er meg ein utvald reidskap til å bera mitt
namn fram for heidningar og kongar og Israels born.
16 For eg vil syna honom kor mykje han skal lida for
mitt namn skuld.» 17 So gjekk Ananias burt og kom
inn i huset og lagde henderne på honom og sagde:
«Saul, bror! Herren hev sendt meg, Jesus, han som
synte seg for deg på vegen der du kom, so du skal
få syni att og verta fyllt med den Heilage Ande.» 18
Og straks fall det liksom flas frå augo hans, og han
fekk syni att med det same, og han stod upp og vart
døypt, 19 og han tok føda og styrkte seg. So vart han
verande nokre dagar hjå læresveinarne i Damaskus.
20 Og straks forkynte han Jesus i synagogorne, at han
er Guds Son. 21 Og alle dei som høyrde det, vart
reint frå seg av undring og sagde: «Er ikkje dette han
som i Jerusalem rudde ut deim som påkallar dette
namnet? og han var komen hit til å føra deim bundne
til øvsteprestarne!» 22 Men Saulus vart enn sterkare,
og han målbatt jødarne som budde i Damaskus, med
di han synte at denne er Messias. 23 Men då mange
dagar var lidne, samrådde jødarne seg um å slå honom
i hel. 24 Men rådgjerdi deira vart kunnig for Saulus. Dei
vakta og portarne både dag og natt for å slå honom
i hel. 25 Men læresveinarne tok honom um natti og
slepte honom ut igjenom muren, med di dei let honom
ned i ei korg. 26 Då han no kom til Jerusalem, prøvde
han å halda seg til læresveinarne, og alle var rædde
honom, av di dei ikkje trudde at han var ein læresvein.
27 Men Barnabas tok og førde honom til apostlarne, og
han fortalde deim korleis han såg Herren på vegen,
og at han tala til honom, og korleis han i Damaskus
lærde frimodig i Jesu namn. 28 So gjekk han då inn og

ut med deim i Jerusalem og lærde frimodig i Herrens
namn, 29 og han tala med dei græsktalande jødarne
og gav seg i ordskifte med deim. Dei lagde seg då
etter å slå honom i hel. 30 Men då brørne fekk vita det,
førde dei honom ned til Cæsarea og sende honom
derifrå til Tarsus. 31 So hadde då kyrkjelyden fred
yver heile Judæa og Galilæa og Samaria, og han
uppbygde seg og ferdast i otte for Herren og voks ved
tilstyrkjing av den Heilage Ande. 32 Og det hende seg,
då Peter for ikring alle stader, at han og kom til dei
heilage som budde i Lydda. 33 Men der fann han ein
mann med namnet Æneas, som i åtte år hadde lege
sengfast og var lam. 34 Og Peter sagde til honom:
«Æneas! Jesus Kristus lækjar deg; statt upp og reid
upp sengi di sjølv!» Og straks stod han upp. 35 Og
dei såg honom, alle dei som budde i Lydda og Saron;
og dei vende um til Herren. 36 I Joppe var det ei
læresyster med namnet Tabita, som er utlagt: Dorkas.
Ho var rik på gode gjerningar og sælebotsgåvor som
ho gav. 37 Men det hende seg i dei dagarne, at ho vart
sjuk og døydde. Dei vaska henne då og lagde henne
på ein sal. 38 Og då Lydda ligg nær ved Joppe, og
læresveinarne hadde høyrt at Peter var der, sende
dei tvo menner til honom og bad: «Ver ikkje leid um
du lyt fara hit til oss!» 39 Peter stod upp og vart med
deim; og då han kom dit, førde dei honom uppå salen.
Og alle enkjorne stod ikring honom og gret og synte
fram dei kjolar og klædningar som Tabita hadde gjort
medan ho var hjå deim. 40 Men Peter let deim alle
ganga ut, og fall på kne og bad; og han vende seg til
liket og sagde: «Tabita, statt upp!» Og ho opna augo
sine, og då ho såg Peter, sette ho seg upp. 41 Og han
gav henne handi og reiste henne upp og ropa på dei
heilage og enkjorne og stelte henne fram livande. 42
Dette vart kunnigt yver heile Joppe, og mange kom til
tru på Herren. 43 So vart det til det at han vart verande
mange dagar i Joppe hjå ein som heitte Simon, ein
garvar.

**10** Det var ein mann i Cæsaræa med namnet
Kornelius, ein hovudsmann ved den herflokken
som vart kalla den italiske; 2 han var ein gudleg mann,
som med heile sitt hus ottast Gud og gav mange
sælebotsgåvor til folket og bad alltid til Gud. 3 Han såg
klårt i ei syn ved den niande timen på dagen ein Guds
engel som kom inn til honom og sagde til honom:
«Kornelius!» 4 Men han stirde på honom og vart rædd
og sagde: «Kva er det, Herre?» Han svara honom:
«Dine bøner og sælebotsgåvor hev stige upp til ei
minning for Gud. 5 Og no, send folk til Joppe og henta
hit Simon, som vert kalla med tilnamnet Peter! 6 Han
bur hjå ein som heiter Simon, ein garvar, som hev eit
hus ved havet.» 7 Då engelen som tala til Kornelius,
gjekk burt, kalla han til seg tvo av tenarane sine og ein
gudleg hermann av deim som alltid var hjå honom, 8
og han fortalde deim alt saman og sende deim av til
Joppe. 9 Andre dagen, då dei var på vegen og kom
nær til byen, steig Peter uppå taket og vilde beda -
umkring den sette timen. 10 Han vart då hungrig og
vilde få seg mat. Medan dei laga maten til, kom der på
honom ei burtrykning, 11 og han ser himmelen opna,
og det for eitkvart ned til honom, liksom ein stor linduk,
som vart laten ned på jordi etter dei fire hyrno; 12 og
der var det alle slag firføtte dyr på jordi og krjupande
dyr og himmelens fuglar. 13 Og det kom ei røyst til
honom: «Statt upp, Peter, slagta og et!» 14 Men Peter
sagde: «På ingen måte, Herre! for aldri hev eg ete
noko vanheilagt eller ureint!» 15 Og røysti kom på nytt
andre gongen til honom: «Det som Gud hev reinsa, må
ikkje du halda for ureint!» 16 Dette hende tri gonger;
og straks vart det teke upp att til himmelen. 17 Medan
Peter var reint rådvill um kva den syni skulde tyda som
han hadde set, sjå, då stod dei utanfor porten, dei
mennerne som var utsende frå Kornelius og hadde
spurt upp Simons hus, 18 og dei ropa inn og spurde
um Simon som var kalla med tilnamnet Peter, budde
der. 19 Medan so Peter grunda på syni, sagde Anden
til honom: «Sjå, tri menner leitar etter deg. 20 Statt
upp, gakk ned og fylg med deim utan tviking! for eg
hev sendt deim.» 21 Peter gjekk ned til mennerne
som var sende til honom frå Kornelius, og sagde:
«Sjå, eg er den som de leitar etter; kva ærend hev de
her?» 22 Dei sagde: «Kornelius, ein hovudsmann, ein
rettferdig og gudleg mann, som hev godt lov av heile
jødefolket, hev fenge det bodet ved ein heilag engel,
at han skulde henta deg til sitt hus og høyra kva du
hev å segja.» 23 Han bad deim då inn og gav deim
herbyrge. Og dagen etter stod han upp og gjekk av
stad saman med deim, og nokre av brørne frå Joppe
fylgde med honom. 24 Dagen etter kom dei til Cæsarea
og Kornelius venta deim og hadde bede saman sine
frendar og næmaste vener. 25 Då det no bar til at
Peter gjekk inn, kom Kornelius imot honom, fall ned for
føterne hans og tilbad. 26 Men Peter reiste honom upp
og sagde: «Statt upp! eg er og eit menneskje!» 27
Og med di han samtala med honom, gjekk han inn
og fann mange som var komne saman. 28 Og han
sagde til deim: «De veit kor uløyvelegt det er for ein
jøde å hava samlag med nokon av eit anna folk eller å
ganga inn til honom. Men meg hev Gud vist at eg ikkje
må kalla noko menneskje vanheilagt eller ureint. 29
Difor kom eg og utan motmæle då eg fekk bod. Eg
spør då kvifor de hev sendt bod etter meg.» 30 Då
sagde Kornelius: «For fire dagar sidan, det var som
no ved den niande timen, bad eg i mitt hus, og sjå,

ein mann stod framfyre meg i skinande klædnad; 31
og han sagde: «Kornelius, di bøn er høyrd, og dine
sælebotsgåvor er ihugkomne for Guds åsyn. 32 Send
difor bod til Joppe og kalla til deg Simon, som vert
kalla med tilnamnet Peter! han bur i huset hjå Simon
garvar ved havet; han skal tala til deg når han kjem.»
33 Difor sende eg straks bod til deg; og du gjorde vel at
du kom. No er me då alle til stadar for Guds åsyn for å
høyra alt det som er pålagt deg av Gud.» 34 Men Peter
let upp sin munn og sagde: «Eg skynar i sanning at
Gud ikkje gjer skil på folk; 35 men millom alle folk tek
han imot den som ottast honom og gjer rettferd. 36 Det
ordet han sende ut til Israels-borni, då han forkynte
evangeliet um fred ved Jesus Kristus - han er Herre
yver alle - det kjenner de, 37 det ordet som gjekk
ut yver heile Judæa, med upphav frå Galilæa etter
den dåp som Johannes forkynte, 38 det um Jesus frå
Nasaret, korleis Gud salva honom med den Heilage
Ande og kraft, han som gjekk ikring og gjorde vel og
lækte alle deim som var yvervalda av djevelen; for
Gud var med honom. 39 Og me er vitne um alt det
han gjorde både i Jødeland og i Jerusalem, han som
dei slo i hel, med di dei hengde honom på eit tre. 40
Honom reiste Gud upp den tridje dagen og let honom
få syna seg, 41 ikkje for alt folket, men for dei vitne
som fyrr var utvalde av Gud, for oss som åt og drakk
med honom, etter han var uppstaden frå dei daude. 42
Og han baud oss å forkynna for folket og vitna at han
er den som Gud hev sett til domar yver livande og
daude. 43 Um honom vitnar alle profetarne, at kvar
den som trur på honom, skal få forlating for synderne
ved hans namn.» 44 Medan Peter endå tala desse
ordi, fall den Heilage Ande på alle deim som høyrde
ordet. 45 Og alle dei truande av umskjeringi som var
komne med Peter, vart forfærde yver at den Heilage
Ande vart gjeven og utrend ogso yver heidningarne;
46 for dei høyrde deim tala med tungor og storleg lova
Gud. 47 Då svara Peter: «Kann vel nokon meinka
vatnet, at ikkje desse må verta døypte, som hev fenge
den Heilage Ande liksom me?» 48 Og han baud at dei
skulde verta døypte i Jesu Kristi namn. Og dei bad
honom drygja der nokre dagar.

**11** Apostlarne og brørne som var i Judæa, høyrde
at heidningarne og hadde teke imot Guds ord. 2
Og då Peter kom upp til Jerusalem, klandra dei av
umskjeringi på honom og sagde: 3 «Du gjekk inn
til menner som ikkje er umskorne, og åt i lag med
deim.» 4 Men Peter tok til og greidde det ut for deim i
samanheng og sagde. 5 «Eg var i byen Joppe og bad;
då såg eg i burtrykning ei syn: det dala ned eitkvart,
liksom ein stor linduk, som vart laten ned frå himmelen
etter dei fire hyrno og kom like til meg. 6 Då eg stirde
på det, vart eg var og såg dei firføtte dyr på jordi og
ville dyr og krjupande dyr og himmelens fuglar. 7 Og
eg høyrde ei røyst som sagde til meg: «Statt upp,
Peter, slagta og et!» 8 Men eg sagde: «På ingen måte,
Herre! for noko vanheilagt eller ureint kom aldri i min
munn.» 9 Men røysti svara meg andre gongen frå
himmelen: «Det som Gud hev reinsa, må ikkje du
halda for ureint!» 10 Dette hende seg tri gonger, og
det vart alt saman drege upp i himmelen att. 11 Og
sjå, i same stundi stod det utanfor huset der eg var,
tri menner, som var sende til meg frå Cæsarea. 12
Og Anden sagde til meg at eg skulde fylgja med deim
utan tviking. Men desse seks brørne gjekk og med
meg, og me kom inn huset til mannen. 13 Og han
fortalde han oss korleis han hadde set engelen som
stod i hans hus og sagde til honom: «Send bod til
Joppe og henta Simon, som vert kalla med tilnamnet
Peter! 14 han skal tala ord til deg som du skal verta
frelst ved, du og heile ditt hus.» 15 Men då eg tok til å
tala, fall den Heilage Ande på deim, liksom på oss i
fyrstningi. 16 Då kom eg Herrens ord i hug, at han
sagde: «Johannes døypte med vatn; men de skal verta
døypte med den Heilage Ande.» 17 Når då Gud hev
gjeve deim same gåva som oss, då dei kom til trui på
Herren Jesus Kristus, kven var då eg, at eg skulde
vera megtig til å hindra Gud?» 18 Men då dei høyrde
dette, gav dei seg til ro og lova Gud og sagde: «So
hev då Gud ogso gjeve heidningarne umvendingi til
livet!» 19 Dei som no var spreidde ved den trengsla
som kom upp for Stefanus skuld, dei gjekk ikring radt
til Fønikia og Kypern og Antiokia, men tala ikkje ordet
til nokon utan berre til jødar. 20 Men det var millom
deim nokre menner frå Kypern og Kyrene, som kom til
Antiokia og tala til grækarane og forkynte evangeliet
um Herren Jesus. 21 Og Herrens hand var med deim,
og eit stort tal kom til trui og umvende seg til Herren.
22 Denne tidend kom då kyrkjelyden i Jerusalem for
øyro, og dei sende Barnabas ut til å fara til Antiokia.
23 Då han kom dit og såg Guds nåde, gledde han seg
og tilstyrkte deim alle til å halda fast ved Herren med
hjartans fyreset; 24 for han var ein god mann og full
av den Heilage Ande og tru. Og mykje folk vart ført
til Herren. 25 Han for då ut til Tarsus for å leita etter
Saulus; og då han fann honom, førde han honom med
til Antiokia. 26 Men det hende seg, at dei var saman
eit heilt år hjå kyrkjelyden og lærde mykje folk, og i
Antiokia vart læresveinarne fyrst kalla kristne. 27 I dei
dagarne kom det nokre profetar ned frå Jerusalem til
Antiokia. 28 Og ein av deim med namnet Agabus stod
fram og kunngjorde ved Anden, at det skulde koma ein
stor hunger yver heile mannheimen, og han kom ogso
under keisar Klaudius. 29 Læresveinarne sette seg

då fyre å senda noko, etter som kvar av deim hadde
råd, til hjelp for dei brørne som budde i Judæa. 30 Det
gjorde dei ogso, og dei sende det til dei eldste gjenom
Barnabas og Saulus.

12 Ved denne tidi lagde kong Herodes hand på
nokre av kyrkjelyden og for ille med deim. 2
Jakob, bror til Johannes, tok han livet av med sverd. 3
Og då han såg at det var jødarne til lags, heldt han
fram og greip ogso Peter - det var i søtebrødhelgi -
4 og då han hadde gripe honom, sette han honom
i fengsel og yvergav til fire vaktskifte, på fire mann
kvart, å vakta på honom, då han etter påske vilde føra
honom fram for folket. 5 Peter vart då vakta i fengslet.
Men av kyrkjelyden vart det halde inderleg bøn til Gud
for honom. 6 Då so Herodes skulde til å føra honom
fram, sov Peter den same natti millom tvo hermenner,
bunden med tvo lekkjor, og vaktmenner utanfor døri
vakta på fengslet. 7 Og sjå, Herrens engel stod der, og
eit ljos skein i fangeromet. Og han støytte Peter i sida,
vekte honom og sagde: «Skunda deg og statt upp!» og
lekkjorne fall av henderne på honom. 8 Men engelen
sagde til honom: «Bitt livgjordi um deg, og knyt på deg
skorne dine!» Han so gjorde. Og han sagde til honom:
«Kasta kjolen um deg, og fylg meg!» 9 Og han gjekk
ut og fylgde honom, og visste ikkje at det som engelen
gjorde, var verkelegt, men trudde at han såg ei syn. 10
Då dei var komne igjenom den fyrste og den andre
vakti, kom dei til den jarnporten som ber ut til byen, og
han opna seg for deim av seg sjølv. Og dei gjekk ut og
gjekk ei gata frametter, og straks skildest engelen frå
honom. 11 Og Peter kom til seg sjølv att og sagde:
«No veit eg i sanning at Herren sende engelen sin
og fria meg ut or Herodes' hand og frå alt det som
jødefolket trår etter.» 12 Og då han no hådde seg,
gjekk han til huset hennar Maria, mor til Johannes som
var kalla med tilnamnet Markus; der var mange komne
saman og heldt bøn. 13 Men då Peter banka på porten,
kom det ut ei tenestgjenta, som heitte Rode, og skulde
høyra etter. 14 Og då ho kjende Peters røyst, vart ho
so glad, at ho ikkje let upp porten, men sprang inn og
fortalde at Peter stod utanfor. 15 Men dei sagde til
henne: «Du er frå vitet.» Men ho vissa at det var so. Då
sagde dei: «Det er engelen hans.» 16 Men Peter heldt
på og banka; då let dei upp og såg honom, og dei vart
forfærde. 17 Men han gjorde teikn til dem med handi,
at dei skulde tegja, og fortalde deim korleis Herren
førde honom ut or fengslet. Og han sagde: «Fortel
Jakob og brørne dette!» So gjekk han burt og for til ein
annan stad. 18 Då det so vart dag, var det ikkje liti
røra millom hermennerne um kvar det då kunde ha
vorte av Peter. 19 Herodes let leita etter honom, men
fann honom ikkje. Og han forhøyrde vaktmennerne og
baud at dei skulde førast burt. Og han drog ned frå
Judæa til Cæsarea og vart verande der. 20 Han var
storleg vreid på folket i Tyrus og Sidon. Men dei steig
samrådde fram for honom, og då dei hadde vunne
Blastus, ein hirdmann hjå kongen, bad dei um fred, av
di landet deira hadde si næring frå kongens land. 21
På ein fastsett dag klædde so Herodes seg i kongelegt
skrud og sette seg på kongsstolen og heldt ein tale
til deim. 22 Og folket ropa til honom: «Det er Guds
røyst og ikkje menneskjerøyst!» 23 Straks slo Herrens
engel honom, for di han ikkje gav Gud æra; og han
vart uppeten av makk og anda ut. 24 Men Guds ord
hadde framgang og vann mange. 25 Og Barnabas og
Saulus for atter frå Jerusalem då dei hadde fullført si
tenesta, og tok og med seg Johannes som var kalla
med tilnamnet Markus.

13 I Antiokia, hjå kyrkjelyden der, var det nokre
profetar og lærarar: Barnabas og Simeon, som
vart kalla Niger, og Lukius frå Kyrene og Manaen,
fosterbror til fylkeskongen Herodes, og Saulus. 2
Medan dei heldt gudstenesta og fasta, sagde den
Heilage Ande: «Tak ut Barnabas og Saulus åt meg til
den gjerning som eg hev kalla deim til!» 3 Då fasta dei
og bad og lagde henderne på deim og let deim fara. 4
Då dei no soleis var utsende av den Heilage Ande, for
dei ned til Seleukia og siglde derifrå yver til Kypern. 5
Og då dei var komne til Salamis, forkynte dei Guds ord
i synagogorne til jødarne, og dei hadde ogso Johannes
med til medhjelp. 6 Då dei so hadde fare gjenom øyi
radt til Pafus, fann dei ein trollmann, ein falsk profet,
ein jøde, som hadde namnet Barjesus. 7 Han var
hjå landshovdingen Sergius Paulus, ein klok mann.
Denne kalla til seg Barnabas og Saulus og ynskte å
høyra Guds ord. 8 Men Elymas, trollmannen - for so er
namnet hans utlagt - stod deim imot og søkte å venda
landshovdingen av frå trui. 9 Men Saulus, som og vert
kalla Paulus, vart fyllt med den Heilage Ande og såg
kvast på honom og sagde: 10 «Å du som er full av all
svik og all vondskap, du djevels barn, du fiende til all
rettferd! vil du ikkje halda upp med å forvenda Herrens
beine vegar? 11 Og no, sjå Herrens hand er yver deg,
og du skal verta blind og ikkje sjå soli ei tid.» Og straks
fall skodda og myrker på honom, og han trivla ikring
og leita etter nokon som kunde leida honom ved handi.
12 Då tok landshovdingen ved trui, då han såg det som
hadde hendt, og han var full av undring yver Herrens
læra. 13 Paulus og fylgjet hans siglde so frå Pafus og
kom til Perge i Pamfylia. Men Johannes skilde seg
frå deim og vende um til Jerusalem. 14 Men dei for
lenger frå Perge og kom til Antiokia i Pisidia og gjekk
inn i synagoga på kviledagen og sette seg. 15 Etter
lesnaden av lovi og profetarne sende forstandarane for

synagoga bod til deim og sagde: «Brør, dersom de
hev noko ord til påminning for folket, so tala!» 16 So
stod Paulus upp og slo til ljod med handi og sagde:
«Israelitiske menner og de som ottast Gud, høyr! 17
Dette folks, Israels, Gud valde ut federne våre, og han
upphøgde folket i utlendingskapen i Egyptarland og
førde deim ut derifrå med høglyft arm. 18 Og umkring
fyrti år bar han deim på faderarm i øydemarki, 19 og
han øydde ut sju folkeslag i Kana'ans-landet og skifte
landet deira ut til arv åt deim, i fire hundrad og femti år
på lag. 20 So gav han deim domarar alt til profeten
Samuel. 21 Sidan kravde dei ein konge, og Gud gav
deim Saul, Kis' son, ein mann av Benjamins ætt, i
fyrti år. 22 Og då han hadde sett honom av, uppreiste
han deim David til konge, han som han vitna um og
sagde; «Eg fann David, Isais son, ein mann etter mitt
hjarta; han skal gjera all min vilje.» 23 Av hans ætt
førde han etter lovnaden fram ein frelsar for Israel,
Jesus, 24 etter at Johannes fyreåt for hans koma
hadde forkynt umvendingsdåp for heile Israels folk. 25
Men då Johannes fullførde sitt livnadslaup, sagde han:
«Den de held meg for å vera, er eg ikkje; men sjå, det
kjem ein etter meg, som eg ikkje er verdig til å løysa
skorne av føterne på.» 26 Brør, søner av Abrahams
ætt, og dei millom dykk som ottast Gud! til dykk vart
ordet um denne frelsa sendt. 27 For dei som bur i
Jerusalem og deira rådsherrar kjende honom ikkje, og
med di dei dømde honom, uppfyllte dei og profetordi,
som vert fyrelesne kvar kviledag. 28 Og endå dei ikkje
fann nokor daudskyld, bad dei Pilatus at han måtte
verta ihelslegen. 29 Men då dei hadde fullført alt det
som stend skrive um honom, tok dei honom ned av
treet og lagde honom i ei grav. 30 Men Gud vekte
honom upp frå dei daude; 31 og han synte seg i fleire
dagar for deim som hadde gjenge med honom frå
Galilæa upp til Jerusalem, dei som no er hans vitne for
folket. 32 Og me forkynner dykk evangeliet um den
lovnaden som vart federne gjeven, at Gud hev uppfyllt
denne for oss, deira born, då han reiste upp Jesus, 33
so som det og stend skrive i den andre salmen: «Du er
min son; eg hev født deg i dag.» 34 Men at han reiste
honom upp frå dei daude, so han aldri meir skal venda
tilbake til undergang, det hev han sagt so: «Eg vil gjeva
dykk dei heilage lovnader til David, dei trufaste.» 35
Difor segjer han og ein annan stad: «Du skal ikkje lata
din heilage sjå undergang.» 36 For David sovna av,
etter han i si livetid hadde tent Guds rådgjerd, og vart
samla med sine feder og såg undergang. 37 Men han
som Gud vekte upp, han såg ikkje undergang. 38 Det
vere då kunnigt for dykk, brør, at i honom vert forlating
for synderne forkynt dykk; 39 og frå alt det som de
ikkje kann verta rettferdiggjorde frå ved Mose lov, vert
kvar den som trur rettferdiggjord i honom. 40 Sjå difor
til at det som er sagt hjå profetarne, ikkje skal koma
yver dykk: 41 «Sjå, de vanvyrdarar, og undra dykk og
vert til inkjes! for eit verk gjer eg i dykkar dagar, eit
verk som de ikkje vil tru, um nokon fortel dykk det.»»
42 Men då dei gjekk ut, bad dei um at desse ordi måtte
verta tala til deim den næste kviledagen. 43 Og då
synagogetenesta var enda, fylgde det med Paulus og
Barnabas mange av jødarne og av dei jødetruande
som dyrka Gud; og dei tala til deim og talde deim til å
halda fast ved Guds nåde. 44 Den næste kviledagen
kom mest heile byen saman og vilde høyra Guds
ord. 45 Men då jødarne såg folkehoparne, vart dei
fulle av brennhug, og dei sagde imot det som vart
sagt av Paulus, ja, sagde imot og spotta. 46 Då tok
Paulus og Barnabas til ords og sagde beint ut: «Det
var naudsynlegt at Guds ord vart tala fyrst til dykk;
men sidan de støyter det burt og ikkje dømer dykk
sjølve verdige til det ævelege liv, sjå, so vender me
oss til heidningarne. (aiōnios g166) 47 For so hev Herren
bode oss: «Eg hev sett deg til ljos for heidningar, at
du skal vera til frelsa alt til ytste enden av jordi.»» 48
Då heidningarne høyrde det, gledde dei seg og prisa
Herrens ord, og dei tok ved trui, so mange som var etla
til ævelegt liv. (aiōnios g166) 49 Og Herrens ord breidde
seg ut yver heile landet. 50 Men jødarne øste upp dei
fornæme kvinnor som dyrka Gud, og dei fyrste menner
i byen, og dei fekk i gang ei forfylgjing mot Paulus og
Barnabas, og dei jaga deim ut frå sine landemerke.
51 Dei riste dusti av føterne sine mot deim og kom til
Ikonium. 52 Men læresveinarne vart fyllte med gleda
og den Heilage Ande.

**14** So hende det seg i Ikonium, at dei gjekk saman
inn i synagoga til jødarne, og tala soleis at ein
stor mengd både med jødar og grækarar trudde. 2 Men
dei jødar som ikkje trudde, øste upp og sette vondt i
hugen åt heidningarne imot brørne. 3 Dei drygde då
der ei lang tid og tala frimodigt i Herren, som vitna for
sitt nådeord, med di han let teikn og under verta gjorde
ved deira hender. 4 Og mengdi i byen sundra seg:
nokre heldt med jødarne, andre med apostlarne. 5
Men då det vart stor ågang både av heidningarne og
jødarne med deira styresmenner, med di dei vilde gjera
vondt med deim og steina deim, 6 og då dei merka
det, flydde dei til byarne i Lykaonia: Lystra og Derbe,
og landet der ikring; 7 og der forkynte dei evangeliet.
8 Og i Lystra sat det ein mann som var magtlaus i
føterne og hadde vore vanfør frå mors liv og aldri
hadde gjenge. 9 Han høyrde Paulus tala, og då han
stirde på honom og såg at han hadde tru på å verta
lækt, sagde han med høg røyst: 10 «Statt rett upp på
føterne dine!» Og han sprang upp og gjekk ikring. 11

Men då folket såg det som Paulus hadde gjort, lyfte
dei røysti og sagde på lykaonisk: «Gudarne hev teke
menneskjeskapnad på og er komne ned til oss.» 12
Og dei kalla Barnabas Zeus og Paulus Hermes, av
di han var den som førde ordet. 13 Og presten for
det Zeus-templet som var utanfor byen deira, kom
til porten med uksar og kransar og vilde ofra saman
med folket. 14 Men då apostlarne Barnabas og Paulus
høyrde det, reiv dei klædi sine sund og sprang inn i
flokken, 15 og ropa og sagde: «Menner, kva er det de
gjer? Me er og menneskje under same kår som de,
og me forkynner dykk evangeliet, at de skal venda
dykk burt frå desse fåfengde gudar til den livande Gud,
som gjorde himmelen og jordi og havet og alt som i
deim er, 16 han som i dei framfarne tiderne let alle
heidningfolk ganga sine eigne vegar, 17 endå han ikkje
let seg utan vitnemål, men di han gjorde godt og gav
dykk regn og grøderike tider frå himmelen, og metta
hjarto dykkar med føda og fagnad.» 18 Og ved å segja
dette var det med naudi dei heldt folket frå å ofra til
deim. 19 Men det kom jødar dit frå Antiokia og Ikonium
og eggja upp mengdi, og dei steina Paulus og drog
honom ut or byen i den tru at han var slokna. 20 Men
medan læresveinarne stod um honom, reiste han seg
upp og gjekk inn til byen. Og dagen etter gjekk han
med Barnabas ut til Derbe. 21 Og då dei hadde forkynt
evangeliet der i byen og gjort mange til læresveinar,
vende dei um att til Lystra og Ikonium og Antiokia, 22
og dei styrkte sjælerne hjå læresveinarne og talde
deim til å halda fast ved trui og sagde: «Me lyt ganga
inn i Guds rike gjenom mange trengslor.» 23 Og då
dei hadde valt eldste åt deim for kvar kyrkjelyd, heldt
dei bøn og fasta, og yvergav deim til den Herre som
dei trudde på. 24 Og dei drog gjenom Pisidia og kom
til Pamfylia; 25 og då dei hadde tala ordet i Perge,
for dei ned til Attalia. 26 Derifrå siglde dei til Antiokia,
der som dei hadde vorte yvergjevne til Guds nåde til
den gjerning som dei hadde fullført. 27 Då dei kom dit,
samla dei kyrkjelyden og fortalde kor store ting Gud
hadde gjort ved deim, og at han hadde opna døri til tru
for heidningarne. 28 Og dei drygde der ikkje so kort tid
saman med læresveinarne.

**15** Og det kom nokre ned frå Judæa og lærde
brørne: «Dersom de ikkje vert umskorne etter
Mose sedvane, so kann de ikkje verta frelste.» 2 Då
der no vart strid, og Paulus og Barnabas kom i ikkje
so lite ordskifte med deim, tok dei den råd at Paulus
og Barnabas og nokre andre av deim skulde fara
upp til apostlarne og dei eldste i Jerusalem for dette
spursmålet skuld. 3 Kyrkjelyden fylgde deim eit stykke
på veg, og so drog dei gjenom Fønikia og Samaria og
fortalde um korleis heidningarne hadde vendt um; og
dei gjorde alle brørne stor gleda. 4 Og då dei nådde
fram til Jerusalem, vart dei fagna av kyrkjelyden og
apostlarne og dei eldste, og dei fortalde kor store ting
Gud hadde gjort ved deim. 5 Men det reiste seg nokre
av farisæarflokken som hadde teke ved trui, og sagde:
«Ein må umskjera deim og påleggja deim å halda
Mose lov.» 6 Apostlarne og dei eldste kom då saman
og skulde rådleggja um denne saki. 7 Då det so vart
eit kvast ordskifte, stod Peter upp og sagde til deim:
«Brør! de veit at Gud for lenge sidan gjorde det utval
millom dykk, at ved min munn skulde heidningarne
få høyra ordet um evangeliet og koma til trui. 8 Og
Gud, som kjenner hjarto, han vitna for deim, då han
gav deim den Heilage Ande liksom oss; 9 og inkje
skil gjorde han på oss og deim, med di han ved trui
reinsa hjarto deira. 10 Kvi freistar de då Gud no med å
leggja på nakken til læresveinarne eit ok som korkje
federne våre eller me orka å bera? 11 Men ved Herren
Jesu nåde trur me at me vert frelste, på same måten
som dei.» 12 Då tagde heile mengdi, og dei høyrde
på Barnabas og Paulus, som fortalde kor store teikn
og under Gud hadde gjort millom heidningarne ved
deim. 13 Og då dei hadde slutta å tala, tok Jakob
til ords og sagde: «Brør, høyr på meg! 14 Simeon
hev fortalt korleis Gud frå det fyrste såg til å få seg
eit folk av heidningar for sitt namn. 15 Og med dette
samstavast profetordi, so som det stend skrive: 16
«Deretter vil eg venda tilbake og byggja upp att Davids
nedfalne hytta, og det som er nedrive av henne, vil
eg byggja upp att, og nyreisa det, 17 so dei andre
menneskje skal søkja Herren, ja, alle heidningfolki
som mitt namn er nemnt yver, » segjer Herren, som
gjer dette, 18 som han veit um frå æveleg tid. **(aiōn g165)** 19 Difor dømer eg at ein ikkje skal tyngja deim
av heidningarne som umvender seg til Gud, 20 men
skriva til deim at dei skal halda seg frå ureinskap ved
avgudar og frå hor og frå det som er strøypt og frå
blod. 21 For Moses hev frå gamle dagar i kvar by
deim som forkynner honom, då han vert upplesen i
synagogorne kvar kviledag.» 22 Då vedtok apostlarne
og dei eldste saman med heile kyrkjelyden å velja ut
menner millom seg og senda deim til Antiokia med
Paulus og Barnabas: det var Judas, med tilnamnet
Barsabbas, og Silas, som var høgvyrde menner millom
brørne. 23 Og dei skreiv dette med deim: «Apostlarne
og dei eldste og brørne helsar brørne av heidningarne
i Antiokia og Syria og Kilikia. 24 Etter di me hev høyrt
at nokre som er komne frå oss, hev skræmt dykk upp
ved sin tale og uroa sjælerne dykkar - me hev ikkje
gjeve deim noko pålegg - 25 so hev me samrådde
vedteke å velja ut nokre menner og senda deim til dykk
saman med våre kjære brør Barnabas og Paulus, 26

menner som hev våga livet sitt for vår Herre Jesu Kristi
namn. 27 Me hev då sendt Judas og Silas, som og
munnleg skal kunngjera det same. 28 For den Heilage
Ande og me hev vedteke at me ikkje vil leggja nokor
byrd på dykk utyver desse naudturvelege ting: 29 at
de held dykk frå avgudsoffer og blod og det strøypte
og hor; og de vil finna dykk vel ved å vara dykk for
desse ting. Liv vel!» 30 Då no desse var sende av
stad, kom dei til Antiokia, og dei kalla heile kyrkjelyden
saman og gav deim brevet. 31 Då dei hadde lese det,
vart dei glade yver den trøysti. 32 Judas og Silas, som
sjølv var profetar, trøysta brørne med mange ord og
styrkte deim, 33 og då dei hadde vore der ei tid, let
brørne deim fara med fred til deim som hadde sendt
deim. 34 Silas rådde seg til å vera der. 35 Men Paulus
og Barnabas drygde i Antiokia og lærde og forkynte
Herrens ord ved evangeliet saman med mange andre.
36 Men etter nokre dagar sagde Paulus til Barnabas:
«Lat oss gjera ferdi upp att og sjå til våre brør i kvar
by der me forkynte Herrens ord, korleis dei hev det!»
37 Barnabas rådde til å taka Johannes med, som var
kalla Markus. 38 Men Paulus tykte ikkje dei skulde taka
honom med, som hadde skilt seg frå deim i Pamfylia
og ikkje gjenge med deim til deira gjerning. 39 Det kom
då til ein kvass strid, so dei skildest frå kvarandre, og
Barnabas tok Markus med seg og siglde av til Kypern.
40 Men Paulus valde Silas til fylgjesvein og drog ut
etter at brørne hadde gjeve honom yver til Herrens
nåde. 41 Og han for gjenom Syria og Kilikia og styrkte
kyrkjelydarne.

**16** Og han kom til Derbe og Lystra. Og sjå, der var
det ein læresvein med namnet Timoteus, son
åt ei truande jødisk kvinna og ein græsk far. 2 Han
hadde godt lov av brørne i Lystra og Ikonium. 3 Honom
vilde Paulus hava i fylgje med seg på ferdi, og han tok
og umskar honom for dei jødar skuld som var på dei
staderne, for dei visste alle at far hans var grækar. 4
Som dei då drog gjenom byarne, pålagde dei deim å
halda dei bodi som var vedtekne av apostlarne og dei
eldste i Jerusalem. 5 So vart då kyrkjelydarne styrkte i
trui og voks i tal med kvar dag. 6 So for dei gjenom
Frygia og det galatiske land, for den Heilage Ande
hindra deim frå å tala ordet i Asia, 7 og då dei kom
burtimot Mysia, freista dei å fara til Bitynia; og Jesu
Ande gav deim ikkje lov. 8 So for dei utanum Mysia
og drog ned til Troas. 9 Og um natti viste det seg ei
syn for Paulus; det stod ein mann frå Makedonia og
bad honom og sagde: «Kom yver til Makedonia og
hjelp oss!» 10 Då han hadde set syni, søkte me straks
å koma yver til Makedonia, sidan me kunde skyna
at Herren hadde kalla oss til å forkynna evangeliet
for deim. 11 Me lagde so ut frå Troas og siglde beint
yver til Samotrake og dagen etter til Neapolis, 12 og
derifrå til Filippi, som er den fyrste byen i den luten av
Makedonia og ein romersk koloni. I den byen drygde
me nokre dagar. 13 På kviledagen gjekk me utanfor
porten til ei elv, der dei hadde for vis å samlast til bøn,
og me sette oss der og tala til dei kvinnor som der var
komne saman. 14 Og ei kvinna med namnet Lydia,
som dreiv purpurhandel, frå byen Tyatira, ei som dyrka
Gud etter jødetrui, ho høyrde på, og Herren let upp
hjarta hennar, so ho gav gaum etter det som Paulus
tala. 15 Då ho og hennar hus var døypte, bad ho oss
og sagde: «So sant de held meg for å vera ei som trur
på Herren, so kom inn i mitt hus og ver der!» Og ho
nøydde oss. 16 Men det hende seg, ein gong då me
drog ut til bønestaden, at det møtte oss ei trælkvinna
som hadde ei spådomsånd og var herrarne sine til stor
vinning med å spå. 17 Ho fylgde etter Paulus og oss
og ropa og sagde: «Desse menneski er den høgste
Guds tenarar, som forkynner dykk frelsevegen!» 18
Dette gjorde ho mange dagar. Men Paulus vart harm
og vende seg og sagde til åndi: «Eg byd deg i Jesu
Kristi namn å fara ut or henne!» Og ho for ut or henne
i same stundi. 19 Men då herrarne hennar såg at deira
von um vinning var spillt, tok dei fat på Paulus og Silas
og drog deim med på torget til rettartinget, 20 og dei
førde deim fram for styresmennerne og sagde: «Desse
mennerne rører reint upp byen vår; dei er jødar 21 og
forkynner seder som me ikkje hev lov til å taka imot
eller liva etter, me som er romarar.» 22 Folket reiste
seg og imot deim, og styresmennerne reiv klædi av
deim, og let deim hudflengjast, 23 Og då dei hadde
slege deim mange slag, kasta dei deim i fengsel og
pålagde fangevaktaren å taka vel vare på deim. 24 Då
han hadde fengje det pålegget, kasta han deim i det
inste fangeromet og sette føterne deira fast i stokken.
25 Men umkring midnatt heldt Paulus og Silas bøn og
song lovsongar til Gud, og fangarne lydde på deim. 26
Då kom det brått ein stor jordskjelv, so at grunnvollen
i fengslet skalv, og straks sprang alle dører upp, og
lekkjorne losna av deim alle. 27 Fangevaktaren for upp
or svevnen, og då han såg dørerne i fengslet opna,
drog han sverdet og vilde drepa seg, for han trudde
at fangarne hadde rømt. 28 Men Paulus ropa med
høg røyst: «Gjer deg ikkje noko vondt! me er her alle
saman.» 29 Han bad då um ljos og sprang inn, og han
fall skjelvande ned for Paulus og Silas. 30 Og han førde
deim ut og sagde: «Herrar, kva skal eg gjera for å verta
frelst?» 31 Dei svara: «Tru på Herren Jesus, so skal
du verta frelst, du og ditt hus.» 32 Og dei tala Herrens
ord til honom og til alle i hans hus. 33 So tok han deim
til seg i same timen um natti og vaska deim etter slagi,
og han vart straks døypt, han sjølv og alle hans. 34

Og han førde deim upp i huset sitt, sette fram brød åt
deim, og gledde seg for di han med heile sitt hus var
komen til trui på Gud. 35 Då det so vart dag, sende
styresmennerne sveinarne og sagde: «Lat mennerne
lause!» 36 Fangevaktaren fortalde Paulus desse ordi:
«Styresmennerne hev sendt bod at de skal sleppa
lause; so gakk no ut og far i fred!» 37 Men Paulus
sagde til deim: «Dei hev hudflengt oss openberrleg
utan lov og dom, me som er romerske borgarar; og so
hev dei kasta oss i fengsel, og no vil dei jaga oss burt i
løyndom. Men nei; lat deim koma sjølve og føra oss
ut!» 38 Sveinarne fortalde styresmennerne desse ordi.
Og dei vart rædde, då dei høyrde at dei var romarar;
39 dei kom og tala vel med deim og førde deim ut og
bad deim fara frå byen. 40 So gjekk dei ut or fengslet
og gjekk inn til Lydia; og då dei hadde set brørne og
gjeve deim påminningar, drog dei burt.

**17** Då dei hadde fare gjenom Amfipolis og Apollonia,
kom dei til Tessalonika, der jødarne hadde
synagoga. 2 Som Paulus' sedvane var, gjekk han
inn til deim, og tri kviledagar tala han med deim ut or
skrifterne 3 og tydde og greidde ut, at Messias skulde
lida og standa upp frå dei daude, og sagde: «Dette er
Messias, den Jesus som eg forkynner dykk.» 4 Og
nokre av deim vart yvertydde og heldt seg til Paulus og
Silas, og like eins ein stor mengd av dei grækarar som
dyrka Gud, og ikkje få av dei fremste kvinnorne. 5 Men
jødarne vart fulle av brennhug og tok med seg nokre
låke menneskje av deim som rak på torget, og gjorde
eit upplaup og sette byen i røra. Og dei trengde seg
fram imot Jasons hus og søkte å få deim ut til folket. 6
Men då dei ikkje fann deim, drog dei Jason og nokre
av brørne fram for byretten og ropa: «Desse som hev
sett heile mannheimen i upprør, dei er og komne hit,
7 og Jason hev teke imot deim. Og alle desse gjer
beint imot keisarens lovbod, og segjer at ein annan er
konge, og det er Jesus.» 8 Og dei fekk skræmt upp
folket og byretten, då dei høyrde dette. 9 Og då dei
hadde late Jason og dei andre ganga i borg for deim,
let dei deim lause. 10 Men brørne sende straks um
natti både Paulus og Silas av stad til Berøa, og då dei
kom dit, gjekk dei burt i synagoga til jødarne. 11 Men
desse var gjævare enn dei i Tessalonika, og dei tok
imot ordet med all godvilje og ransaka dag etter dag i
skrifterne um dette hadde seg soleis. 12 Mange av
dei kom då til trui, og ikkje få av dei fornæme græske
kvinnor og menner. 13 Men då jødarne i Tessalonika
fekk vita at Paulus forkynte Guds ord i Berøa og, kom
dei og dit og eggja upp folket. 14 Straks sende då
brørne Paulus burt på vegen til havet; men både Silas
og Timoteus vart att der. 15 Dei som fylgde Paulus,
førde honom til Aten og drog so derifrå med det bodet
til Silas og Timoteus, at dei skulde koma til honom
so snart som råd var. 16 Medan no Paulus venta på
deim i Aten, harmast hans ånd i honom, då han såg at
byen var full av avgudsbilæte. 17 Han samtala då i
synagoga med jødarne og deim som dyrka Gud, og
på torget kvar dag med deim han råka på. 18 Nokre
av dei epikureiske og stoiske vismennerne gav seg i
ordskifte med honom, og sume sagde: «Kva er det
denne ordgytaren vil segja?» Men andre sagde: «Han
synest vera talsmann for framande guddomar; » - for
han forkynte deim evangeliet um Jesus og uppstoda.
19 So tok dei honom i handi og førde honom upp til
Areopagus og sagde: «Kann me få vita kva det er
for ei ny læra, dette som du talar um? 20 For det er
underlege ting du fører oss for øyro. Difor vil me få
vita kva dette skal tyda.» 21 Men alle atenarar og
dei framande som budde der, gav seg ikkje stunder
til anna enn å fortelja eller høyra nytt. 22 So stod
då Paulus fram midt på Areopagus og sagde: «De
ateniske menner! Eg ser at de i alle måtar er mykje
annsame i dykkar gudsdyrking; 23 for då eg gjekk
ikring og såg på heilagdomarne dykkar, fann eg og eit
altar med den innskrifti: «For ein ukjend Gud.» Det
som de då dyrkar utan å kjenna det, dette forkynner
eg dykk. 24 Gud, han som gjorde verdi og alt det som i
henne er, han som er herre yver himmel og jord, han
bur ikkje i tempel som er gjorde med hender, 25 ikkje
heller tek han tenesta av menneskjehender, som um
han hadde trong til nokon ting, for han sjølv gjev alle liv
og ande og alle ting; 26 og han hev late alle folkeslag
av eitt blod bu yver heile jordkringen og fastsett deim
visse tider og landemerke for deira bustad, 27 for at dei
skulde leita etter Gud, um dei då kunde kjenna og finna
honom, endå han ikkje er langt burte frå nokon einaste
av oss. 28 For i honom er det me liver og rører oss og
er til, som og nokre av skaldarne dykkar hev sagt: «For
me er ogso hans ætt.» 29 Når me då er Guds ætt,
må me ikkje tru at guddomen er lik gull eller sylv eller
stein, eit bilæte av menneskjeleg kunst og tanke. 30
Etter at Gud då hev havt tol med dei tidar då vankunna
rådde, so byd han no alle menneskje alle stader at dei
skal umvenda seg, 31 etter som han hev fastsett ein
dag då han vil døma mannheimen med rettferd ved ein
mann som han fyreskipa til det, etter at han hadde
gjeve jarteigner for alle med å reisa honom upp frå
dei daude.» 32 Men då dei høyrde um uppstoda av
daude, spotta nokre, men andre sagde: «Me vil høyra
deg ein gong til um dette.» 33 So gjekk då Paulus burt
ifrå deim. 34 Men nokre menner heldt seg til honom
og kom til tru, millom deim ogso Dionysius, ein av
domarane på Areopagus, og ei kvinna med namnet
Damaris og andre med deim.

**18** So drog han frå Aten og kom til Korint. **2** Der
fann han ein jøde med namnet Akvilas, som var
fødd i Pontus og nyst var komen frå Italia, og Priskilla,
kona hans; for Klaudius hadde påbode at alle jødar
skulde hava seg burt frå Rom; og han gjekk til deim, **3**
og då han dreiv same handverket, budde han hjå deim
og arbeidde der; for dei var tjeldmakarar av handverk.
**4** Men han heldt samtalar i synagoga kvar kviledag
og yvertydde jødar og grækarar. **5** Då so Silas og
Timoteus kom ned frå Makedonia, var Paulus fullt
uppteken med å læra, med di han vitna for jødarne, at
Jesus er Messias. **6** Men då dei stod imot og spotta,
riste han dusti av klædi sine og sagde til deim: «Dykkar
blod kome yver dykkar hovud! Eg er rein; frå denne
stundi gjeng eg til heidningarne.» **7** So gjekk han burt
derifrå og kom i huset til ein mann med namnet Justus,
som dyrka Gud, og hans hus låg vegg i vegg med
synagoga. **8** Men Krispus, synagoge-forstandaren,
kom til tru på Herren med heile sitt hus; og mange av
folket i Korint kom til tru då dei høyrde honom, og let
seg døypa. **9** Og Herren sagde til Paulus i ei syn um
natti: «Ottast ikkje, men tala, og teg ikkje! **10** For eg er
med deg, og ingen skal leggja hand på deg og gjera
deg vondt; for eg hev mykje folk i denne byen.» **11**
Og han vart buande der eit år og seks månader, og
lærde Guds ord millom deim. **12** Men då Gallio var
landshovding yver Akaia, reiste jødarne seg alle som
ein mot Paulus og førde ham fram for domstolen og
sagde. **13** «Denne set folk upp til å dyrka Gud imot
lovi.» **14** Då Paulus vilde opna munnen, sagde Gallio
til jødarne: «Var det nokor illgjerning eller noko vondt
ustykke, de jødar, då hadde eg med god grunn høyrt
på dykk med tolmod. **15** Men er det stridsspursmål um
ei læra og um namn og um dykkar lov, so stell med det
sjølve! for i dei ting vil ikkje eg vera domar.» **16** Og so
dreiv han deim burt frå domstolen. **17** Men då tok dei
alle fat på Sostenes, synagoge-forstandaren, og slo
honom midt for domstolen. Og Gallio brydde seg ikkje
noko um alt dette. **18** Paulus vart der endå ei lang tid;
so bad han velfar med brørne og siglde burt til Syria,
og Priskilla og Akvilas i fylgje med honom, etter at han
fyrst i Kenkreæ hadde klypt håret sitt, for han hadde
ein lovnad på seg. **19** So kom dei til Efesus; der let han
dei andre vera att, og sjølv gjekk han inn i synagoga og
gav seg i samtale med jødarne. **20** Då dei bad honom
vera der lenger, samtykte han ikkje, **21** men baud deim
velfar og sagde: «Eg skal koma til dykk att, um Gud
so vil.» So siglde han frå Efesus, **22** og han kom til
Cæsarea, og han drog upp og helsa på kyrkjelyden og
drog so ned til Antiokia. **23** Då han hadde vore der ei
tid, drog han ut og for gjenom Galatarlandet og Frygia
frå ende til ende og styrkte alle læresveinarne. **24** Men
ein jøde med namnet Apollos, fødd i Aleksandria, ein
ordhag mann, kom til Efesus; han var sterk i skrifterne.
**25** Han var upplærd um Herrens veg, og brennande
i åndi tala og lærde han grannleg um Herren, endå
han kjende berre Johannes-dåpen. **26** Og han tok til
å tala frimodigt i synagoga. Då Priskilla og Akvilas
høyrde honom, tok dei honom til seg og greidde Guds
veg grannare ut for honom. **27** Då han so vilde draga
derifrå til Akaia, talde brørne honom til og skreiv til
læresveinarne um å taka imot honom. Og då han kom
dit, var han ved Guds nåde til stor hjelp for dei truande.
**28** For med kraft målbatt han jødarne openberrleg for
alle, med di han synte ut or skrifterne at Jesus er
Messias.

**19** Medan Apollos var i Korint, hende det at Paulus
kom til Efesus, etter han hadde fare gjenom dei
øvre bygder. **2** Der fann han nokre læresveinar og
sagde til deim: «Fekk de den Heilage Ande då de
vart truande?» Dei svara honom: «Me hev ikkje ein
gong høyrt um den Heilage Ande er komen.» **3** Han
sagde til deim: «Kva dåp er de då døypte med?» Dei
sagde: «Med Johannes' dåp.» **4** Då sagde Paulus:
«Johannes, han døypte med umvendings dåp, med
di han sagde til folket, at dei skulde tru på den som
kom etter honom, det er på Jesus.» **5** Då dei høyrde
det, let dei seg døypa til Herren Jesu namn, **6** og då
Paulus lagde henderne på deim, kom den Heilage
Ande yver deim, og dei tala med tungor og profetiske
ord. **7** Desse mennerne var umkring tolv i alt. **8** Han
gjekk då inn i synagoga og tala frimodigt i tri månader,
med di han samtala med deim og yvertydde deim
um det som høyrer til Guds rike. **9** Men då nokre
forherde seg og ikkje vilde tru, og tala ille for mengdi
um denne vegen, braut han lag med deim og skilde
læresveinarne ut og heldt dagleg samtalar i skulen åt
Tyrannus. **10** Dette varde i tvo år, so at alle dei som
budde i Asia, fekk høyra Herrens ord, både jødar og
grækarar, **11** Og uvanlege kraftverk gjorde Gud ved
Paulus' hender, **12** so at folk endå tok sveitedukar eller
fangskinn som han hadde havt på seg, og gjekk med
deim til dei sjuke, og dei vart fri for sjukdomarne, og
dei vonde ånderne for ut or deim. **13** Men nokre av dei
jødar som for ikring og mana ånder, tok til å nemna
Herren Jesus namn yver deim som hadde dei vonde
ånderne, med di dei sagde: «Eg manar dykk ved den
Jesus som Paulus forkynner.» **14** Det var nokre søner
til Skevas, ein jødisk øvsteprest, sju i talet, dei som
gjorde dette. **15** Men den vonde åndi svara og sagde:
«Jesus kjenner eg, og Paulus veit eg um; men de,
kven er de?» **16** Og mannen som den vonde åndi
var i, sprang innpå deim og vann på deim og fekk
yvermagt yver deim, so at dei laut fly nakne og såra ut

or huset. 17 Dette vart kunnigt for alle som budde i
Efesus, både jødar og grækarar, og der kom ræddhug
på deim alle, og Herren Jesu namn vart høglova. 18
Og mange av deim som hadde teke ved trui, kom og
vitna og fortalde um sine gjerningar. 19 Og ein stor
hop av deim som hadde fare med fåfengde kunster,
bar bøkerne sine i hop og brende deim upp so alle
folk såg det. Og dei rekna saman deira verde og fann
at det var femti tusund sylvpengar. 20 Soleis hadde
Herrens ord veldug framgang og fekk magt. 21 Då
dette var fullført, sette Paulus seg fyre å draga gjenom
Makedonia og Akaia og fara til Jerusalem, med di han
sagde: «Når eg hev vore der, lyt eg og sjå Rom.» 22
So sende han tvo av hjelpesmennerne sine, Timoteus
og Erastus, til Makedonia; sjølv vart han endå verande
ei tid i Asia. 23 Men ved den tid vart der ikkje lite
uppstyr um Guds veg. 24 For det var ein mann med
namnet Demetrius, ein sylvsmed, som gjorde Artemis-
tempel av sylv og gav kunstsmedarne ikkje liti vinning.
25 Han kalla saman desse og dei arbeidarar som sysla
med det same, og sagde: «Menner, de veit at det er av
dette arbeidet me hev vårt velstand. 26 Og de ser og
høyrer at ikkje berre i Efesus, men yver mest heile
Asia hev denne Paulus ved yverteljing avvendt ein
stor hop, med di han segjer at dei ikkje er gudar, dei
som vert gjorde med henderne. 27 No er det ikkje
berre den fåren at dette vårt handverk skal få eit uord,
men ogso at den store gudinna Artemis' tempel skal
verta rekna for ingen ting, og hennar storvelde verta
øydelagt, ho som heile Asia og mannheimen dyrkar.»
28 Då dei høyrde dette, vart dei fulle av harm og ropa:
«Stor er den efesiske Artemis!» 29 Og heile byen kom
i fullt upprør, og dei styrmde alle som ein til teatret
og reiv med seg makedonarane Gaius og Aristarkus,
fylgjesmennerne åt Paulus. 30 Då Paulus vilde ganga
inn til folket, let ikkje læresveinarne honom få lov. 31
Nokre av asiarådarne, som var hans vener, sende og
bod til honom og bad honom at han ikkje måtte ganga
inn i teatret. 32 Nokre ropa då eitt, andre noko anna;
for folkehopen var reint fortulla, og dei fleste visste
ikkje kva dei var komne saman for. 33 Men nokre av
flokken sette Aleksander inn i saki, då jødarne skuva
honom fram. Men Alexander slo til ljod med handi og
vilde halda ein forsvarstale til folket. 34 Men då dei
fekk vita at han var ein jøde, vart det eit einaste rop
frå deim alle, so dei mest i tvo timar ropa: «Stor er
den efisiske Artemis!» 35 Men byskrivaren fekk då
stagga hopen og sagde: «Menner frå Efesus? Kva
menneskje er det vel som ikkje veit at efesar-byen er
tempelvaktar for den store gudinna Artemis og hennar
himmelfalne bilæte? 36 Då no ingen segjer imot dette,
so må de styra dykk og ikkje gjera noko for framfust.
37 For de hev ført hit desse mennerne, som korkje er
tempelranarar eller spottar dykkar gudinna. 38 Hev no
Demetrius og kunstsmedarne med honom nokor klaga
på nokon, so vert det då halde rettarmøte, og her er
landshovdingar; lat deim so føra klaga på kvarandre!
39 Men dersom det er noko anna de søkjer, so skal det
verta avgjort på det lovlege ålmannating. 40 For det er
jamvel fåre for at me skal verta klaga for upprør etter
dette i dag, då det ingen grunn finst, som me kann
bruka til å gjera greida for dette upplaupet.» 41 Og
med å segja dette fekk han hopen til å skiljast.

20 Då so uppstyret hadde stilna, kalla Paulus
læresveinarne til seg og gav deim påminningar
og bad farvel med deim; so drog han ut og vilde fara
til Makedonia. 2 Då han hadde fare gjenom desse
landi og påminnt deim med mange ord, kom han til
Grækland. 3 Der vart han verande tri månader; og
då jøderne lagde upp meinråd imot honom medan
han skulde til å sigla til Syria, tok han den råd å
leggja attervegen gjenom Makedonia. 4 Til Asia fylgde
honom Sopater, son åt Pyrrus, frå Berøa, og av deim
frå Tessalonika Aristarkus og Sekundus, og Gaius
frå Derbe og Timoteus, og av deim frå Asia Tykikus
og Trofimus. 5 Desse drog i fyrevegen og venta
på oss i Troas. 6 Men me siglde ut frå Filippi etter
søtebrødhelgi, og kom fem dagar etter til deim i Troas,
der me so drygde i sju dagar. 7 Den fyrste dagen i
vika var me saman og braut brødet; då heldt Paulus
samtalar med deim, av di han vilde draga burt dagen
etter, og han tøygde talen ut like til midnatt. 8 Det var
mange lampor i salen der me var samla. 9 Men ein
ung mann med namnet Eutykus sat i vindauga og var
fallen i djup svevn, då Paulus drog samtalen so lenge
ut, og i svevnen datt han ut og sturta ned frå tridje
høgdi og vart teken upp livlaus. 10 Men Paulus gjekk
ned og kasta seg yver honom og tok honom i famnen
og sagde: «Ståka ikkje! for sjæli hans er i honom.» 11
So gjekk han upp att og braut brødet og åt av det;
og då han hadde tala med deim ei lang stund heilt til
dagsprett, drog han av stad. 12 Dei førde guten livande
burt og vart storleg trøysta. 13 Me hadde då gjenge
um bord i skipet og siglde av til Assus og skulde taka
Paulus um bord der; for so hadde han påbode, då han
sjølv vilde ganga. 14 Då han so kom til oss i Assus, tok
me honom um bord og kom til Mitylene; 15 og derifrå
siglde me og kom dagen etter beint utfor Kios; andre
dagen kom me til Samos, og då me hadde drygt ei
stund i Trogillium, kom me dagen etter til Milet. 16 For
Paulus hadde sett seg fyre å sigla utanum Efesus,
so han ikkje skulde spilla tid i Asia; for han trøytte
seg etter å nå Jerusalem til kvitsundagen, um det var

mogelegt for honom. 17 Frå Milet sende han so bod til
Efesus og kalla til seg dei eldste for kyrkjelyden. 18
Då dei var komne til honom, sagde han til deim: «De
veit korleis mi ferd hjå dykk hev vore heile tidi, alt frå
fyrste dagen eg kom til Asia, 19 at eg tente Herren
med all audmykt og med tåror og i freistingar, som
meinråderne frå jødarne førde yver meg, 20 korleis
eg ikkje heldt att noko av det som kunde vera dykk til
gagn, men forkynte dykk det og lærde dykk det for
ålmenta og heime i husi, 21 med di eg vitna både for
jødar og grækarar um umvendingi til Gud og trui på
vår Herre Jesus Kristus. 22 Og no, sjå, bunden av
Anden dreg eg til Jerusalem, og veit ikkje kva som der
skal møta meg, 23 utan det at den Heilage Ande i by
etter by vitnar for meg og segjer at band og trengslor
ventar meg. 24 Men for meg sjølv agtar eg ikkje mitt liv
eit ord verdt, når eg berre kann fullføra mitt laup og
den tenesta som eg fekk av Herren Jesus: å vitna um
evangeliet um Guds nåde. 25 Og no, sjå, eg veit at de
ikkje meir skal sjå mi åsyn, alle de som eg gjekk um
imillom og forkynte Guds rike. 26 Difor vitnar eg for
dykk på denne dagen at eg er rein for alle manns blod.
27 For ikkje heldt eg noko undan, men eg forkynte dykk
heile Guds råd. 28 Gjev då agt på dykk sjølve og på
heile den hjord som den Heilage Ande sette dykk til
tilsynsmenner i til å vakta Guds kyrkjelyd, som han
vann seg med sitt eige blod! 29 Eg veit at etter min
burtgang skal det koma inn millom dykk ville vargar,
som ikkje sparer hjordi. 30 Ja, frå dykk sjølve skal
det koma fram folk som fer med forvend tale og vil
lokka læresveinarne etter seg. 31 Vak difor, og kom
i hug at eg tri år natt og dag ikkje heldt upp med å
påminna kvar ein med tåror! 32 Og no legg eg dykk
yver på Gud og hans nådeord, han som hev magt til å
uppbyggja dykk og gjeva dykk arvlut bland alle deim
som hev vorte helga. 33 Ingen manns sylv eller gull
eller klædnad hev eg kravt. 34 De veit sjølve at det
som eg sjølv trong, og dei som var med meg, det hev
desse henderne arbeidt for. 35 I alle måtar synte eg
dykk, at soleis skal me med strævsamt arbeid vera
til hjelp for dei veike og hugsa på Herren Jesu ord,
som han sjølv hev sagt: «Det er sælare å gjeva enn å
taka.»» 36 Då han hadde sagt dette, fall han på kne og
bad saman med deim alle. 37 Då brast dei alle i sterk
gråt og fall Paulus um halsen og kysste honom. 38 Og
mest vondt gjorde deim det ordet han hadde sagt, at
dei ikkje meir skulde få sjå hans åsyn. So fylgde dei
honom til skipet.

**21** Då me hadde rive oss frå deim og siglt av stad,
kom me beinleides til Kos, næste dagen til Rodus
og derifrå til Patara. 2 Der fann me eit skip som skulde
fara yver til Fønikia, og me gjekk då um bord og siglde
av stad. 3 Då me fekk Kypern i syne og hadde late
henne etter oss på vinstre handi, siglde me til Syria og
lagde åt ved Tyrus; for der skulde skipet lossa farmen.
4 Me leita då upp læresveinarne og vart verande der
sju dagar; dei sagde ved Anden til Paulus, at han ikkje
skulde fara upp til Jerusalem. 5 Då me hadde vore
der dei dagarne ut, drog me derifrå og for lenger, og
dei fylgde oss alle med kvinnor og born radt utanfor
byen. So fall me på kne på strandi og bad; 6 og då me
hadde sagt kvarandre farvel, gjekk me um bord på
skipet; men dei andre vende heim att. 7 Me fullenda
no sjøferdi og kom frå Tyrus til Ptolemais; der helsa
me på brørne og vart ein dag yver hjå deim. 8 Dagen
etter drog me derifrå og kom til Cæsarea; der tok me
inn til evangelisten Filip, som var ein av dei sju, og vart
verande hjå honom. 9 Han hadde fire ugifte døtter som
hadde profetgåva. 10 Då me vart der fleire dagar, kom
det ned frå Judæa ein profet med namnet Agabus.
11 Han kom til oss og tok Paulus' belte og batt seg
sjølv på hender og føter og sagde: «So segjer den
Heilage Ande: «Den mannen som eig dette beltet,
skal jødarne binda soleis i Jerusalem og gjeva honom
yver i henderne på heidningarne.»» 12 Då me høyrde
dette, bad både me og dei som der budde, at han
ikkje måtte fara upp til Jerusalem. 13 Men Paulus
svara: «Kvifor græt de og slit hjarta mitt sund? Eg er
reidbuen ikkje berre til å verta bunden, men og til å
døy i Jerusalem for Herren Jesu namn.» 14 Men då
han ikkje var til å få yvertald, vart me stille og sagde:
«Herrens vilje råde!» 15 Då desse dagarne var lidne,
gjorde me oss ferdige og for upp til Jerusalem, 16
og nokre av læresveinarne i Cæsarea fylgde og med
oss, og dei førde oss til ein som me skulde bu hjå,
Mnason frå Kypern, ein gamall læresvein. 17 Då me
kom til Jerusalem, fagna brørne oss med gleda. 18
Andre dagen gjekk Paulus med oss til Jakob, og alle
dei eldste kom dit. 19 Og då han hadde helsa på deim,
fortalde han det eine etter det andre av det som Gud
hadde gjort hjå heidningarne ved hans tenesta. 20
Då dei høyrde det, lova dei Gud; og so sagde dei til
honom: «Du ser, bror, kor mange tusund det er av
jødar som hev teke ved trui, og alle hev dei stor ihuge
for lovi. 21 Men dei hev spurt um deg, at du ute millom
hedningarne lærer alle jødar fråfall frå Moses, med di
du segjer at dei ikkje skal umskjera borni sine eller liva
etter dei gamle sedvanarne. 22 Kva er då å gjera?
Det vil i vissa koma ei stor mengd saman; for dei vil
få høyra at du er komen. 23 Gjer no difor som me
segjer deg! Der er millom oss fire menner som hev ein
lovnad på seg. 24 Tak deim med deg og lat deg reinsa
saman med deim, og ber du kostnaden for deim, so
dei må kunna raka hovudet; so kann alle skyna at det

er ingen ting i det som dei hev høyrt um deg, men
at du og ferdast so at du held lovi. 25 Men um dei
heidningarne som hev teke trui, hev me sendt brev og
avgjort at dei ikkje skal halda noko slikt, men berre
vara seg for avgudsoffer og blod og det strøypte og
hor.» 26 Då tok Paulus mennerne med seg og let seg
dagen etter reinsa saman med deim og gjekk inn i
templet og vilde melda utgangen av reinsingsdagarne,
då offeret skulde verta framført for kvar av deim. 27
Då det so leid mot enden av dei sju dagarne, fekk
jødarne frå Asia sjå honom i templet, og dei øste upp
heile hopen og lagde hand på honom, 28 medan dei
skreik: «Israelitiske menner, kom til hjelp! Dette er det
menneskjet som alle stader lærer alle imot folket og
lovi og denne staden, og han hev jamvel ført grækarar
inn i templet og vanhelga denne heilage staden.» 29
For dei hadde fyrr set Trofimus frå Efesus saman med
honom ute i byen, og so tenkte dei at Paulus hadde ført
honom inn i templet. 30 Og det vart røra i heile byen
og samanstrøyming av folket, og dei tok fat på Paulus
og drog honom utanfor templet, og straks vart dørerne
stengde. 31 Medan dei heldt på og vilde slå honom i
hel, gjekk det melding upp til den øvste hovudsmannen
for vakti, at heile Jerusalem var i ei røra. 32 Han tok
straks hermenner og hovudsmenner og skunda seg
ned til deim. Men då dei såg den øvste hovudsmannen
og hermennerne, heldt dei upp med å slå Paulus. 33
Då kom den øvste hovudsmannen burt til honom og
let deim gripa honom, og baud at han skulde verta
bunden med tvo lekkjor; og han spurde kven han var,
og kva han hadde gjort. 34 Men den eine i hopen ropa
det, og den andre det; og då han ikkje retteleg kunde
få vissa for ståket skuld, baud han at han skulde førast
inn i borgi. 35 Då han kom upp til troppestigi, vart
det so at hermennerne laut bera honom, so ustyrleg
var hopen; 36 for folkehopen fylgde med og skreik:
«Drep honom!» 37 Då Paulus skulde førast inn i borgi,
sagde han til den øvste hovudsmannen: «Må eg få
segja noko til deg?» Han svara: «Kann du græsk? 38
So er du då ikkje den egyptaren som gjorde upprør
for ei tid sidan og førde dei fire tusund mordarar ut i
øydemarki?» 39 Då sagde Paulus: «Eg er ein jøde frå
Tarsus, borgar av ein ikkje ukjend by i Kilikia. Men eg
bed deg: Gjev meg lov å tala til folket!» 40 Då han
gav honom lov, stelte Paulus seg i troppi og slo til ljod
åt folket med handi. Då det vart reint stilt, tala han til
deim på det hebraiske målet og sagde:

**22** «Brør og feder! høyr det som eg no vil segja
dykk til mitt forsvar!» 2 Då dei høyrde at han tala
til deim på det hebraiske målet, vart dei endå meir
stille. So segjer han: 3 «Eg er ein jøde, fødd i Tarsus
i Kilikia, men uppfostra i denne byen ved Gamaliels
føter, upplærd i dei strenge krav etter fedrelovi, og
eg var ihuga for Gud, so som alle de er i dag; 4
eg forfylgde Guds veg til dauden, lagde i lekkjor og
yvergav til fangehus både menner og kvinnor, 5 so
som og øvstepresten og heile eldsterådet kann vitna
med meg; av deim fekk eg jamvel brev med til brørne i
Damaskus og for dit og vilde føra ogso deim som der
var, bundne til Jerusalem, so dei skulde verta refste.
6 Men det hende, då eg var på vegen og kom nær
til Damaskus, då lyste det brått ved middagsleite eit
sterkt ljos frå himmelen ikring meg. 7 Og eg fall til
jordi og høyrde ei røyst som sagde til meg: «Saul,
Saul, kvi forfylgjer du meg?» 8 Eg svara: «Kven er
du, Herre?» Og han sagde til meg: «Eg er Jesus frå
Nasaret, han som du forfylgjer.» 9 Dei som var med
meg, såg ljoset, men røysti av honom som tala til
meg, høyrde dei ikkje. 10 Då sagde eg: «Kva skal eg
gjera, Herre?» Og Herren svara meg: «Statt upp og
gakk inn i Damaskus; der skal det verta tala til deg
um alt det som det er fyresett deg å gjera.» 11 Då
eg no ikkje kunde sjå for glima av det ljoset, vart eg
leidd ved handi av fylgjesmennerne mine og kom inn i
Damaskus. 12 Og ein som heitte Ananias, ein gudleg
mann etter lovi, med godt lov av alle dei jødar som
budde der, 13 han kom til meg og stod framfyre meg og
sagde: «Saul, bror, sjå upp!» og eg såg upp på honom
i same stundi. 14 Og han sagde: «Vår fedregud hev
valt deg ut til å vita hans vilje og sjå den Rettferdige
og høyra røysti av hans munn. 15 For du skal vera
honom eit vitne for alle menneskje um det du hev set
og høyrt. 16 Og no, kva drygjer du etter? statt upp og
lat deg døypa og få dine synder avtvegne, og kalla
på Herrens namn!» 17 Og det hende meg, då eg var
komen att til Jerusalem og bad i templet, at det kom ei
burtrykning på meg, 18 og eg såg honom, og høyrde
han sagde til meg: «Skunda deg og gakk i hast ut frå
Jerusalem! for dei kjem ikkje til å taka imot vitnemålet
ditt um meg.» 19 Då sagde eg: «Herre, dei veit sjølve
at eg sette fast og hudflengde ikring i synagogorne
deim som trudde på deg. 20 Og då blodet av Stefanus,
ditt vitne, vart utrent, då stod eg og attved og samtykte
i det og vakta klædi deira som slo honom i hel.» 21 Og
han sagde til meg: «Gakk! for eg vil senda deg ut til
heidningfolk langt burte.»» 22 Dei høyrde på honom til
dette ordet; men då lyfte dei røysti og sagde: «Tak
denne burt ifrå jordi! han burde ikkje få liva!» 23 Då
dei no skreik og reiv klædi av seg og kasta dust upp
i veret, 24 baud den øvste hovudsmannen at han
skulle førast inn i borgi, og sagde at han skulde verta
forhøyrd med hudflengjing, so han kunde få vita kvifor
dei ropa soleis imot honom. 25 Men då dei hadde
bunde honom til slag med reimarne, sagde Paulus

til hovudsmannen som stod der: «Hev de lov til å
hudflengja ein romersk borgar, og det udømd?» 26 Då
hovudsmannen høyrde det, gjekk han til den øvste
hovudsmannen og melde det og sagde: «Sjå til kva
du vil gjera? for denne mannen er romersk borgar.»
27 Den øvste hovudsmannen gjekk då burt til honom
og sagde: «Seg meg: Er du romersk borgar?» Han
svara: «Ja.» 28 Den øvste hovudsmannen svara: «Eg
hev kjøpt meg denne borgarretten for mange pengar.»
Men Paulus sagde: «Men eg er endå fødd til honom.»
29 Då gjekk dei straks frå honom, dei som skulde
forhøyra honom; men ogso den øvste hovudsmannen
vart rædd, då han fekk vita at han var romersk borgar,
for di han hadde bunde honom. 30 Men dagen etter,
då han no vilde få full greida på det som jødarne klaga
honom for, løyste han honom or lekkjorne og baud at
øvsteprestarne og heile rådet skulde koma saman. Og
han førde Paulus ned og stelte honom fram for deim.

**23** Då feste Paulus augo på rådet og sagde: «Brør!
Eg hev med alt godt samvit fare mi ferd for Gud
til denne dag.» 2 Øvstepresten Ananias baud deim
som stod der, å slå honom på munnen. 3 Då sagde
Paulus til honom: «Gud skal slå deg, du kalka vegg! Og
du sit her og skal døma meg etter lovi, og imot lovi byd
du at dei skal slå meg!» 4 Dei som stod der, sagde:
«Skjeller du ut Guds øvsteprest?» 5 Og Paulus sagde:
«Eg visste ikkje, brør, at det var øvstepresten; for det
stend skrive: «Ein hovding for ditt folk skal du ikkje
skjella!»» 6 Då no Paulus visste at den eine parten
av deim var sadducæarar, og den andre farisæarar,
ropa han i rådet: «Brør! Eg er ein farisæar, son åt
farisæarar; det er for von og for uppstoda av daude at
eg stend her for retten.» 7 Då han hadde sagt dette,
vart det strid millom farisæarane og sadducæarane,
og flokken vart usamd. 8 For sadducæarane segjer
at det ikkje er nokor uppstoda og ingen engel eller
ånd heller. Men farisæarane vedkjenner seg både dei
ting. 9 No vart det eit stort skrik, og skriftlærde av
farisæarflokken stod upp og stridde hardt og sagde:
«Me finn inkje vondt hjå dette menneskjet; um det no
var ei ånd som tala til honom, eller ein engel?» 10 Då
det vart stor strid, og den øvste hovudsmannen vart
rædd for at dei skulde slita Paulus sund, baud han
hermennerne ganga ned og riva honom ifrå deim og
føra honom inn i borgi. 11 Men natti etter stod Herren
framfyre honom og sagde: «Ver hugheil! liksom du
vitna um meg i Jerusalem, so skal du og vitna i Rom.»
12 Men då det vart dag, slo jødarne seg saman og
forbanna seg på at dei korkje skulde eta eller drikka
fyrr dei hadde drepe Paulus. 13 Det var meir enn fyrti
som soleis hadde samansvore seg; 14 og dei gjekk
til øvsteprestarne og dei eldste og sagde: «Me hev
forbanna oss på at me ikkje skal smaka nokon ting
fyrr me hev drepe Paulus. 15 No må de då saman
med rådet lata den øvste hovudsmannen vita, at han
skal føra honom ned til dykk, liksom de vilde ransaka
grannare um honom. So held me oss ferdige til å drepa
honom fyrr han når fram.» 16 Men systerson til Paulus
fekk høyra um den løynrådi, og han kom og gjekk inn i
borgi og fortalde Paulus det. 17 Paulus kalla då ein
av hovudsmennerne til seg og sagde: «Før denne
unge mannen til den øvste hovudsmannen, for han
hev noko å melda honom.» 18 Han tok honom då med
seg og førde honom til den øvste hovudsmannen og
sagde: «Den bundne Paulus kalla på meg og bad meg
føra denne unge mannen til deg, då han hadde noko
å segja deg.» 19 Den øvste hovdingen tok honom
ved handi og gjekk i einrom med honom og spurde:
«Kva er det du hev å melda meg?» 20 Han sagde:
«Jødarne er samrådde um å beda deg at du i morgon
skal føra Paulus ned til rådet, liksom dei vilde spyrja
noko grannare um honom. 21 Du må ikkje gjera deim
til viljes, for meir enn fyrti menner av deim lurer i løynd
på honom, og dei hev forbanna seg på at dei korkje
skal eta eller drikka fyrr dei hev drepe honom; og no er
dei ferdige og ventar på ja-minne frå deg.» 22 Den
øvste hovudsmannen let då den unge mannen ganga
og baud honom: «Du må ikkje fortelja nokon at du
hev late meg vita dette!» 23 Og han kalla til seg eit
par av hovudsmennerne og sagde: «Lat tvo hundrad
hermenner helda seg ferdige til å fara til Cæsarea, og
sytti hestfolk og tvo hundrad skyttarar, frå den tridje
timen på natti!» 24 Og han baud at dei skulde halda
øyk i stand, so dei kunde lata Paulus rida på deim og
føra honom trygt fram til landshovdingen Feliks. 25 Og
han skreiv eit brev med dette innhaldet: 26 «Klaudius
Lysias helsar den megtige landshovdingen Feliks. 27
Denne mannen, som var gripen av jødarne og so nær
hadde vorte drepen av deim, honom kom eg og fria
ut med herfolket, då eg fekk vita at han var romersk
borgar; 28 og då eg vilde vita kva sak det var dei klaga
honom for, førde eg honom ned for rådet deira. 29 Eg
fann honom då klaga for nokre spursmål i deira lov,
men utan noko klagemål som gjorde honom skuldig til
daude eller lekkjor. 30 Men då det no er meldt meg
at ei meinråd mot mannen er i gjerdom, sender eg
honom straks til deg, etter at eg hev bode klagarane
hans å bera fram for deg det dei hev å segja.» 31
So tok då hermennerne Paulus, so som det var deim
pålagt, og førde honom um natti til Antipatris, 32 og
dagen etter let dei hestfolket draga med honom og
vende so um att til borgi. 33 Hine kom då til Cæsarea
og gav landshovdingen brevet, og dei førde og Paulus
fram for honom. 34 Då han hadde lese det og spurt

kva land han var ifrå, og hadde fenge vita at han var
frå Kilikia, sagde han: 35 «Eg skal taka deg i forhøyr
når klagarane dine kjem.» Og han baud at han skulde
haldast i varetekt i Herodes-borgi.

24 Fem dagar etter kom øvstepresten Ananias
ned med nokre av styresmennerne og ein talar,
Tertullus; dei bar fram for landshovdingen klaga mot
Paulus. 2 Han vart då kalla fram, og Tertullus tok til å
klaga honom og sagde: 3 «Då me kann takka deg for
mykjen fred, og det ved di umsut er gjort rettarbøter for
dette folket i alle måtar og alle stader, so skynar me på
dette, megtigaste Feliks, med all takksemd. 4 Men
at eg ikkje skal hefta deg for lenge, so bed eg at du
med ditt godlynde vil høyra på oss som stuttast! 5 For
me hev funne at denne mannen er ein pest og ein
uppøsar millom alle jødarne yver heile mannheimen
og ein hovudmann for serflokken nasaræarane. 6 Han
hev endå søkt å vanhelga templet; og me greip honom
då og vilde døma honom etter vår lov. 7 Men Lysias,
den øvste hovudsmannen, kom og førde honom burt
frå våre hender med stort valdsverk, 8 og han baud
klagarane hans å koma til deg; og av honom kann
du sjølv, når du ransakar det, få kunnskap um alt det
som me klagar honom for.» 9 Men jødarne sanna
med og sagde at dette hadde seg soleis. 10 Men då
landshovdingen nikka til honom, at han kunde få tala,
so svara Paulus: «Då eg veit at du hev vore domar for
dette folket i mange år, fører eg mitt forsvar med fritt
mod; 11 for du kann vissa deg um at det ikkje er meir
enn tolv dagar sidan eg gjekk upp til Jerusalem og
vilde tilbeda. 12 Og korkje i templet eller i synagogorne
eller ikring i byen fann dei meg talande med nokon
eller eggjande folk til upprør. 13 Og dei kann ikkje
heller prova for deg dette som dei klagar meg for. 14
Men det sannar eg for deg, at etter den vegen som dei
kallar ein serflokk, tener eg so min fedregud, at eg trur
alt som er skrive i lovi og profetarne, 15 og hev den
voni til Gud som desse og sjølve ventar, at det skal
koma ei uppstoda av daude, både av rettferdige og
urettferdige. 16 Difor legg eg sjølv vinn på alltid å hava
eit uskadt samvit for Gud og menneskje. 17 Då mange
år var lidne, kom eg hit og skulde gjeva mitt folk milde
gåvor og ofra, 18 og dermed fann dei meg i templet, då
eg hadde reinsa meg utan folkestim og utan uppstyr;
men det var nokre jødar frå Asia, 19 og dei skulde
koma fram for deg og klaga, um dei hadde noko å
bera på meg. 20 Eller lat desse sjølve segja kva skuld
dei fann hjå meg, då eg stod framfor rådet! 21 utan det
skulde vera for dette eine ordet som eg ropa ut, då eg
stod millom deim: «For uppstoda av daude stend eg i
dag for retten millom dykk!»» 22 Men Feliks sette ut
saki, då han visste betre um Guds veg, og han sagde:
«Når Lysias, hovudsmannen, kjem her ned, skal eg
prøva saki dykkar.» 23 Og han baud hovudsmannen
halda honom i varetekt og lata honom hava ro og
ikkje hindra nokon av hans eigne frå å vera honom
til tenesta. 24 Då nokre dagar var farne, kom Feliks
med Drusilla, kona si, som var ei jødisk kvinna, og
sende bod etter Paulus og høyrde honom um trui på
Kristus. 25 Men då han tala um rettferd og fråhald og
den komande dom, vart Feliks rædd og svara: «Gakk
burt denne gongen! når eg fær gode stunder, skal eg
kalla deg til meg att.» 26 Han hadde og den voni, at
han skulde få pengar av Paulus; difor sende han og
oftare bod etter honom og tala med honom. 27 Då tvo
år var lidne, fekk Feliks til ettermann Porcius Festus;
og då Feliks vilde vinna seg takk av jødarne, let han
Paulus bunden etter seg.

25 Då no Festus var komen til landshovding-
embættet sitt, for han tri dagar etter upp til
Jerusalem frå Cæsarea. 2 Øvsteprestarne og dei fyrste
menner av jødarne bar då fram for honom klaga mot
Paulus og kom med ei bøn til honom, 3 med di dei
mot honom bad um det som ein nåde, at han skulde
henta honom til Jerusalem; for dei lagde den løynrådi
å slå honom i hel på vegen. 4 Men Festus svara då at
Paulus var i varetekt i Cæsarea, og at han sjølv vilde
fara dit snart. 5 «So kann dei av dykk, » sagde han,
«som hev umbod til det fara ned saman med meg,
um det er noko gale med denne mannen, og klaga
på honom.» 6 Då han so hadde drygt hjå deim berre
åtte eller ti dagar, for han ned til Cæsarea; dagen etter
sette han seg på domstolen og baud at Paulus skulde
førast fram. 7 Då han var komen, stelte dei jødarne
som var komne ned frå Jerusalem, seg ikring honom
og bar fram imot honom mange og tunge klagemål;
men dei kunde ikkje prova deim, 8 for Paulus forsvara
seg og sagde: «Korkje mot den jødiske lov eller mot
templet eller mot keisaren hev eg synda noko.» 9
Men då Festus vilde vinna seg takk av jødarne, svara
han Paulus og sagde: «Er du viljug til å fara upp til
Jerusalem og der få dom av meg i denne sak?» 10
Då sagde Paulus: «For keisarens domstol stend eg,
og der hev eg rett til å verta dømd. Mot jødarne hev
eg ingen urett gjort, so som du og vel veit. 11 Hev
eg urett, og hev gjort noko som gjer meg skuldig til
dauden, so bed eg meg ikkje fri for å døy. Men er det
ikkje noko i det som desse klagar meg for, då kann
ingen yvergjeva meg til deim berre for å gjera deim til
lags. Eg skyt saki inn for keisaren.» 12 Då tala Festus
med rådet sitt, og so sagde han: «For keisaren hev du
skote saki inn; til keisaren skal du fara.» 13 Men då
nokre dagar var lidne, kom kong Agrippa og Berenike
til Cæsarea og vilde helsa på Festus. 14 Då dei hadde

vore der i fleire dagar, fortalde Festus kongen um
Paulus og sagde: «Her er ein mann som Feliks let
bunden etter seg; 15 då eg kom til Jerusalem, kom
øvsteprestarne og styresmennerne for jødarne fram
med ei klaga mot honom og kravde straff yver honom.
16 Eg svara deim at det ikkje er sedvane hjå romarane
at dei for å gjera folk til lags yvergjev noko menneskje
til dauden; men den som klaga gjeld, lyt fyrst standa
åsyn til åsyn med klagarane sine og få høve til å
forsvara seg mot klagemålet. 17 Då dei so var komne
saman her, drygde eg ikkje ut saki, men sette meg
dagen etter på domstolen og baud at mannen skulde
førast fram. 18 Då no klagarane stod ikring honom, bar
dei ikkje fram noko klagemål slikt som eg hadde tenkt
meg. 19 Men dei hadde nokre kivsmål med honom um
deira eigi gudsdyrking og um ein Jesus som var daud,
men som Paulus sagde var livande. 20 Då eg stod
rådlaus med ransakingi av dette, spurde eg um han
vilde fara til Jerusalem og der få dom i saki. 21 Men då
Paulus innanka saki og vilde vera i varetekt til keisaren
felte domen, baud eg at han skulde verta halden i
varetekt til dess eg fær sendt honom til keisaren.» 22
Agrippa sagde til Festus: «Eg vilde og gjerne høyra
den mannen.» Han svara: «I morgon skal du få høyra
honom.» 23 Dagen etter kom so Agrippa og Berenike
med stor stas og gjekk inn i salen saman med dei
øvste hovudsmennerne og dei gjævastee menner i
byen, og etter påbod av Festus vart Paulus førd fram.
24 Då segjer Festus: «Kong Agrippa og alle de menner
som her er saman med oss, her ser de honom som
heile hopen av jødarne både i Jerusalem og her bad
meg um, og ropa at han ikkje lenger måtte få liva. 25
Men då eg fann at han ikkje hadde gjort noko som
gjorde honom skuldig til dauden, og han sjølv og skaut
saki inn for keisaren, so tok eg den avgjerdi å senda
honom dit. 26 Noko visst hev eg ikkje å skriva til herren
um honom; difor førde eg honom fram for dykk og
serleg for deg, kong Agrippa, so eg, når forhøyr er
halde, kann hava noko å skriva. 27 For eg tykkjer det
er meiningslaust når eg sender ein fange, at eg ikkje
kann segja frå um klagemåli mot honom.»

**26** Då sagde Agrippa til Paulus: «Du fær lov til å
tala um deg sjølv.» Då rette Paulus handi ut og
forsvara seg soleis: 2 «Imot alt det som jødarne klagar
meg for, prisar eg meg lukkeleg, kong Agrippa, at eg i
dag skal forsvara meg for deg, 3 for du kjenner best
til alle sedvanar og spursmål hjå jødarne; difor bed
eg deg å høyra på meg med tolmod! 4 Min livnad
like frå ungdomen, som eg frå fyrste stund hev ført
millom folket mitt og i Jerusalem, kjenner alle jødarne,
5 då dei fyreåt veit um meg alt frå det fyrste, um dei
vil vitna, at eg livde etter det strengaste serlaget i
vår gudsdyrking, som farisæar. 6 Og no stend eg
her og skal verta dømd for von um lovnaden som
Gud gav federne, 7 den som vårt tolvgreina folk med
vedhaldande gudsdyrking natt og dag vonar å nå fram
til; for denne von skuld, kong Agrippa, klagar jødar
meg! 8 Kvi vert det halde for utrulegt millom dykk, at
Gud vekkjer upp daude? 9 Eg for min part trudde at eg
måtte gjera mykje imot nasaræaren Jesu namn; 10 det
gjorde eg og i Jerusalem, og eg kasta mange av dei
heilage i fangehus, då eg hadde fenge fullmagt frå
øvsteprestarne, og når dei skulde verta ihelslegne,
røysta eg med, 11 og ikring i alle synagogorne tvinga eg
deim tidt med refsing til å spotta, og eg rasa endå meir
imot deim og forfylgde deim endå til byarne utanlands.
12 Dermed for eg då og til Damaskus med fullmagt
og umbod frå øvsteprestarne; 13 og midt på dagen,
konge, såg eg på vegen eit ljos, som klårare enn soli
stråla frå himmelen ikring meg og fylgjesmennerne
mine; 14 og då me alle fall til jordi, høyrde eg ei røyst
som tala til meg og sagde på hebraisk mål: «Saul,
Saul, kvi forfylgjer du meg? Det vert hardt for deg å
spenna mot brodden.» 15 Då sagde eg: «Kven er du,
Herre?» Og Herren sagde: «Eg er Jesus, han som du
forfylgjer! 16 Men reis deg upp og statt på føterne dine!
For difor synte eg meg for deg, for å kåra deg ut til
tenar og vitne både um det som du hev set, og um det
som eg vil syna meg med for deg, 17 med di eg friar
deg ut frå folket og frå heidningarne som eg sender deg
til, 18 at du skal opna augo deira, so dei kann venda
seg frå myrker til ljos og frå Satans magt til Gud, for at
dei skal få forlating for synderne og arvlut millom deim
som er helga ved trui på meg.» 19 Difor, kong Agrippa,
var eg ikkje ulydug mot den himmelske syni, 20 men
forkynte fyrst for folket i Damaskus og so i Jerusalem
og i heile Judæaland og for heidningarne, at dei skulde
gjera bot og venda um til Gud og gjera gjerningar som
høver med umvendingi. 21 For desse ting skuld greip
nokre jødar meg i templet og freista å taka livet av
meg. 22 So hev eg då fenge hjelp av Gud og stend alt
til denne dagen og vitnar både for liten og stor, med di
eg ikkje segjer anna enn det som profetarne og Moses
hev sagt skulde koma: 23 at Messias skulde lida, at
han som fyrstemannen utav uppstoda av daude skulde
forkynna ljos for folket og for heidningarne.» 24 Men
då han forsvara seg so, segjer Festus med høg røyst:
«Du er frå vitet, Paulus. Din store lærdom driv deg til
vitløysa.» 25 Men han segjer: «Eg er ikkje frå vitet,
megtigaste Festus, men talar sanne og umtenkte ord.
26 For kongen veit um dette, og til honom talar eg og
frimodig; for eg trur ikkje at noko av dette er ukjent
for honom; for dette hev ikkje hendt i nokon avkrok.

27 Trur du profetarne, kong Agrippa? Eg veit at du
trur!» 28 Men Agrippa sagde til Paulus: «Det skil lite
på at du fær meg yvertald til å verta ein kristen.» 29
Då sagde Paulus: «Anten det er lite eller mykje som
skal til, vilde eg ynskja til Gud, at ikkje berre du, men
og alle dei som høyrer meg i dag, måtte verta slike
som eg er, berre utan desse lekkjorne. 30 Då reiste
kongen seg og landshovdingen og Berenike og dei
som sat der med deim; 31 og dei gjekk i einrom og
tala med kvarandre og sagde: «Denne mannen gjer
ingen ting som skulde gjera honom skuldig til daude
eller lekkjor.» 32 Og Agrippa sagde til Festus: Denne
mannen kunde vera laten laus, um han ikkje hadde
skote saki si inn for keisaren.»

**27** Då det no var avgjort at me skulde sigla av stad
til Italia, gav dei både Paulus og nokre andre
fangar yver til ein hovudsmann med namnet Julius
ved den keisarlege herflokken. 2 Me gjekk då um
bord på eit skip frå Adramyttium, som skulde sigla
frammed Asialandet, og so lagde me ut; Aristarkus, ein
makedonar frå Tessalonika, var med oss. 3 Og den
andre dagen for me inn til Sidon, og Julius, som var
menneskjekjærleg mot Paulus, let honom få ganga til
venerne sine og njota godt av deira omsut. 4 Derifrå
for me ut og siglde inn under Kypern, av di det var
motvind. 5 Og då me hadde siglt yver havet ved Kilikia
og Pamfylia, kom me til Myra i Lykia. 6 Der fann
hovudsmannen eit skip frå Aleksandria, som skulde
til Italia, og han sette oss um bord i det. 7 I mange
dagar gjekk det no seint med siglingi, og det var med
naud me vann fram imot Knidus; då vinden var imot,
heldt me inn under Kreta ved Salmone, 8 og det var
med naud me vann framum der og kom til ein stad
som vert kalla Godhamn, nær ved ein by Lasæa. 9 Då
lang tid var lidi, og det alt var fårleg å ferdast på sjøen,
etter som jamvel fastetidi var ute, vara Paulus deim og
sagde: 10 «Menner, eg ser at sjøferdi vil vera eit våverk
og til stor skade ikkje berre farm og skip, men og for
vårt eige liv.» 11 Men hovudsmannen hadde betre
tru til styrmannen og skiperen enn til det som Paulus
sagde. 12 Og då hamni var ulagleg til vinterlægje,
tok dei fleste den rådi å leggja ut ogso derifrå, um
dei skulde kunna vinna fram og taka vinterlægje i
Føniks, ei hamn på Kreta, som vender mot sudvest og
nordvest. 13 Då det no bles ein linn sunnanvind, tenkte
dei at dei kunde fullføra si rådgjerd. Dei letta då og
heldt tett frammed Kreta. 14 Men ikkje lenge etter kom
det ein kvervelstorm som vert kalla eurakylon, og kasta
seg mot øyi; 15 då skipet kom på rek og ikkje kunde
halda seg upp mot vinden, gav me det upp og let oss
driva. 16 Me gjekk då inn under ei liti øy, som vert kalla
Klauda, og det var med naud me fekk berga inn båten;
17 då dei hadde fenge honom inn, tok dei til naudhjelp
og surra skipet med tog. Og då dei var rædde for å
driva ned på Syrten, strika dei seglet og dreiv på den
måten. 18 Då me leid mykje vondt av veret, kasta dei
den andre dagen farmen yver bord, 19 og tridje dagen
kasta me ut skipsreidskapen med eigne hender. 20
Sidan korkje sol eller stjernor synte seg på fleire dagar,
og veret stod stridt på, var det no reint ute med all
von um å verta berga. 21 Og då dei ikkje hadde fenge
mat på lenge, steig Paulus fram midt imillom deim og
sagde: «Menner, de skulde ha fylgt mi råd og ikkje fare
frå Kreta og so sloppe for dette våverket og denne
skaden. 22 Og no manar eg dykk til å vera ved godt
mod; for ikkje ei sjæl av dykk skal forgangast, men
berre skipet. 23 For i natt stod det framfyre meg ein
engel frå den Gud som eg tilhøyrer, og som eg tener,
og han sagde: 24 «Ver ikkje rædd, Paulus! du skal
stella deg fram for keisaren; og sjå, Gud hev gjeve
deg alle deim som siglar med deg.» 25 Difor, menner,
ver ved godt mod, for eg lit på Gud, at det skal verta
so som det er sagt meg. 26 Men på ei øy skal me
stranda.» 27 Då den fjortande natti kom, og me dreiv
ikring i Adriatarhavet, merka sjøfolki ved midnatt at det
bar nær til land. 28 Og då dei lodda, fann dei tjuge
famnar. Men då dei var komne ei lite stykke derifrå og
lodda på nytt, fann dei femtan famnar. 29 Og då dei
var rædde for at dei skulde støyta på skjer nokon stad,
kasta dei fire anker frå bakstamnen; og dei stunda på
at det måtte verta dag. 30 Men sjømennerne freista å
røma burt frå skipet og sette båten på sjøen og lest
vilja føra anker ut frå framstamnen; 31 då sagde Paulus
til hovudsmannen og hermennerne: «Dersom ikkje
desse der vert verande um bord på skipet, so kann de
ikkje verta berga.» 32 Då hogg hermennerne togi til
båten av, og slepte honom ned. 33 Då det so leid mot
dag, bad Paulus alle å taka føda, og han sagde: «I dag
er det den fjortande dagen som de ventar fastande, og
ikkje fær dykk mat. 34 Difor bed eg dykk å taka føda;
dette høyrer med til dykkar berging; for det skal ikkje
forkomast eit hår av hovudet på nokon av dykk.» 35
Då han hadde sagt dette, tok han eit brød og takka
Gud for augo på alle, og han braut det og tok til å eta.
36 Då vart dei alle ved godt mod og tok føda, dei og. 37
Me var i det heile tvo hundrad og seks og sytti sjæler
um bord på skipet. 38 Og då dei hadde ete seg mette,
letta dei skipet med å kasta matvarorne i sjøen. 39 Då
det no vart dag, kjende dei ikkje landet, men dei vart
vare ei vik som hadde ei flat strand; der vilde dei setja
skipet på land, um det var mogelegt. 40 Og dei slepte
ankeri og let deim etter i havet, medan dei og løyste
togi som dei hadde bunde styri med, og då dei hadde
vunde seglet upp for vinden, heldt dei inn imot strandi.

41 Men dei dreiv inn på ein grunne med djup sjø på båe
sidor, og skipet støytte på; og framstamnen, som sette
seg fast, vart standande urørleg, men bakstamnen
vart sundslegen av det sterke bårebrotet. 42 No vilde
hermennerne drepa fangarne, so ingen skulde symja
burt og røma. 43 Men hovudsmannen, som vilde berga
Paulus, hindra deim i denne rådi og gav det påbodet
at dei som kunde symja, fyrst skulde kasta seg ut og
koma i land, 44 og so dei andre, sume på bordstubbar,
andre på stykke av skipet. Og soleis hende det seg at
alle vart berga i land.

28 Då me no var berga, fekk me vita at øyi
heitte Malta. 2 Dei innfødde synte oss uvanleg
mannemilda; dei kveikte ein eld og tok seg av oss alle
saman, då det tok til å regna og var kaldt. 3 Men då
Paulus tok saman ein haug med turrkvist og lagde
på elden, kom det for varmen skuld ein orm ut og
beit seg fast i handi hans. 4 Då dei innfødde såg
dyret hanga ved handi hans, sagde dei til kvarandre:
«Dette menneskjet er i all vissa ein mordar, som den
hemnande rettferd ikkje gjev lov til å liva, endå han er
berga frå havet.» 5 Han riste dyret av seg inn i elden
og hadde ikkje noko mein av det. 6 Men dei venta at
han skulde trutna upp eller brått siga daud ned. Men
då dei hadde venta ei lang stund og såg at det ikkje
hende honom noko ilt, slo dei um og sagde at han var
ein gud. 7 Men ikkje langt frå den staden hadde den
fyrste mannen på øyi ein gard; mannen heitte Publius,
og han tok imot oss og synte oss venleg gjestmildskap
i tri dagar. 8 Og det råka so til, at far åt Publius låg
hardt sjuk av feber og blodgang. Paulus gjekk inn
til honom og bad og lagde henderne på honom og
lækte honom. 9 Og då dette hadde hendt seg, kom og
dei andre på øyi som hadde sjukdomar, og dei vart
lækte. 10 Dei gjorde og stor æra på oss, og då me for
derifrå, førde dei um bord slikt som me kunde trenga
til. 11 Då tri månader var lidne, for me derifrå på eit
skip frå Aleksandria, som hadde lege vinteren yver
ved øyi og hadde Tvillingarne til merke. 12 Og me
kom inn til Syrakus og vart verande der i tri dagar. 13
Derifrå siglde me ikring og kom til Regium; og då det
vart sunnanvind dagen etter, kom me på tvo dagar
til Puteoli. 14 Der fann me brør og vart bedne um å
drygja sju dagar hjå deim. Og so kom me til Rom. 15
Og då brørne der fekk høyra um oss, gjekk dei ut imot
oss til Forum Appii og Tres Tabernæ; då Paulus såg
deim, takka han Gud og fekk mod. 16 Då me so var
komne til Rom, gav hovudsmannen fangarne yver til
hovdingen for livvakti. Men Paulus fekk lov til å bu
for seg sjølv saman med den hermannen som vakta
honom. 17 Og då tri dagar var gjengne, hende det seg
at Paulus kalla saman dei fyrste menner av jødarne
der i byen, og då dei var komne saman, sagde han til
deim: «Brør! Eg, som ingen ting hev gjort imot vårt folk
eller våre fedre-seder, eg er frå Jerusalem yvergjeven
som fange i henderne på romarane. 18 Då dei hadde
forhøyrt meg, vilde dei lata meg laus, av di det ikkje
var nokor daudssak imot meg. 19 Men då jødarne
sette seg imot det, vart eg nøydd til å skjota saki inn
for keisaren, men ikkje som um eg hadde noko klaga
mitt folk for. 20 For den sak skuld hev eg då kalla dykk
hit, so eg kunde få sjå dykk og tala med dykk; for det
er for Israels von skuld eg ligg i denne lekkja.» 21 Dei
sagde til honom: «Me hev ikkje fenge noko brev um
deg frå Judæa, og ikkje hev nokon av brørne heller
kome hit og fortalt eller sagt noko vondt um deg. 22
Men me finn det rett at du let oss høyra dine tankar;
for um denne serflokken er det oss kunnigt at han
vert motsagd alle stader.» 23 Då dei hadde fastsett
ein dag for honom, kom det ein større flokk til honom
der han budde; og han lagde då ut for deim og vitna
um Guds rike og søkte å yvertyda deim um Jesus ut
av Mose lov og profetarne, frå tidleg um morgonen
til seint på kvelden. 24 Og nokre vart yvertydde ved
det han sagde, men andre var vantruande. 25 Dei
gjekk frå kvarandre i usemja då Paulus hadde sagt det
eine ordet: «Retteleg tala den Heilage Ande til dykkar
feder ved profeten Jesaja, 26 då han sagde: «Gakk til
dette folket og seg: «De skal høyra og høyra og ikkje
skyna, og sjå og sjå og ikkje skilja, 27 for hjarta i dette
folket hev vorte hardt, og dei er tunghøyrde på øyro,
og dei let att augo sine, so dei ikkje skal sjå med augo
og høyra med øyro og skyna med hjarta og venda
um, so eg kunde få lækja deim.»» 28 So vere det
då kunnigt for dykk, at denne Guds frelsa er send til
heidningarne; hjå deim skal ho og finna øyra.» 29 Og
då han hadde sagt dette, gjekk jødarne burt og hadde
eit kvast ordskifte seg imillom. 30 Han vart då verande
heile tvo år i det herbyrget som han hadde leigt seg,
og tok imot alle som kom til honom, 31 og han forkynte
Guds rike og lærde um Herren Jesus med alt frimod
og utan hinder.

# Romerne

**1** Paulus, Jesu Kristi tenar, kalla til apostel, utkåra til
å forkynna Guds evangelium, **2** som han lova fyreåt
gjenom profetarne sine i heilage skrifter, **3** um Son
hans, som etter kjøtet er komen av Davids ætt, **4** som
etter heilagdoms ånd er sannsynt å vera Guds velduge
Son ved uppstoda frå dei daude, Jesus Kristus, vår
Herre, **5** som me fekk nåde ved og apostel-embætte til
å verka lydnad i tru millom alle heidningfolki for hans
namn skuld **6** - millom deim er de og kalla til Jesus
Kristus - **7** til alle deim i Rom som Gud elskar, de kalla,
heilage: Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår
Fader, og Herren Jesus Kristus! **8** Fyrst takkar eg min
Gud ved Jesus Kristus for dykk alle, av di trui dykkar
er namngjeti i heile verdi. **9** For Gud som eg tener
i mi ånd i hans Sons evangelium, han er mitt vitne
um kor uavlatande eg kjem dykk i hug. **10** I bønerne
mine bed eg alltid um at eg då endeleg eingong med
Guds vilje kunde få lukka til å koma til dykk. **11** For eg
stundar etter å sjå dykk, so eg kunde få gjeva dykk av
eikor åndeleg nådegåva med meg til dykkar styrkjing,
**12** det vil segja at eg hjå dykk kunde hyggjast saman
med dykk ved vår sams tru, dykkar og mi. **13** Og eg
vil ikkje, brør, at de skal vera uvitande um at eg ofte
hev etla meg til å koma til dykk - men eg vart hindra
alt til no - so eg kunde hava eikor frukt hjå dykk og,
liksom hjå hine heidningfolki. **14** Eg stend i skuld både
til grækarar og barbarar, både til vise og uvise. **15**
Soleis er eg på mi sida viljug til å preika evangeliet for
dykk og som er i Rom. **16** For eg skjemmest ikkje ved
evangeliet, for det er ei Guds kraft til frelsa for kvar
den som trur, både for jøde fyrst og so for grækar. **17**
For i det vert Guds rettferd openberra av tru til tru,
som skrive stend: «Den rettferdige, av tru skal han
liva.» **18** For Guds vreide vert openberra frå himmelen
yver all gudløysa og urettferdi hjå folk som held att
sanningi i urettferd. **19** For det som ein kann vita um
Gud, ligg i dagen for deim, for Gud hev openberra
deim det. **20** For hans usynlege grunnhått, både hans
ævelege kraft og guddom, er synleg sidan han skapte
verdi, då ein kann skyna honom av gjerningarne -
so folk skal vera utan orsaking **(aïdios g126)** **21** når
dei, endå dei kjende Gud, like vel ikkje æra eller
takka honom som Gud, men vart fåfengde i tankarne
sine, og deira uvituge hjarta myrktest. **22** Medan dei
briska seg med at dei var vise, vart dei dårar, **23** og
dei bytte den uforgjengelege Guds herlegdom burt
for eit bilæte som likjest eit forgjengelegt menneskje
og fuglar og firføtte dyr og krjupdyr. **24** Difor gav
Gud deim yver i deira hjartans lyster til ureinskap,
so dei skjemde sine likamar seg imillom, **25** dei som
bytte burt Guds sanning for lygn, og æra og dyrka
skapningen framfor skaparen, han som er velsigna i all
æva. Amen. **(aiōn g165)** **26** Difor gav Gud deim yver til
skamlege lyster, for både kvinnorne deira forvende
det naturlege bruket til det unaturlige, **27** og like eins
gjekk mennerne og burt frå det naturlege bruket av
kvinna og kveiktest upp i lyst til kvarandre, so menner
dreiv skjemdarverk med menner, og fekk på seg sjølve
det vederlag for si villferd som rett var. **28** Og liksom
dei ikkje brydde seg um å eiga Gud i kunnskap, so
gav Gud deim yver til ein hug som inkje duger, so dei
gjorde det usømelege: **29** fulle av all urettferd, vanart,
vinnesykja, vondskap, fulle av ovund, mord, trætta,
svik, fulkynde, **30** øyretutarar, baktalarar, gudhata,
valdsmenner, stormodige, storordige, uppfinnsame på
vondt, ulyduge mot foreldre, **31** uvituge, usætande,
ukjærlege, miskunnlause; **32** slike som vel kjenner
Guds dom, at dei som gjer slikt, er verde dauden, og
endå ikkje berre gjer det, men og gjev deim medhald
som gjer det.

**2** Difor er du, menneskje, ikkje orsakande, kven du
so er som dømer. For med di du dømer den andre,
fordømer du deg sjølv, for du som dømer, gjer sjølv
det same; **2** men me veit at Guds dom, som sanning
krev, er yver deim som gjer slikt. **3** Men trur du det,
du menneskje som dømer deim som gjer slikt og
sjølv gjer det same, at du skal sleppa undan Guds
dom? **4** Eller vanvyrder du hans rikdom på godleik
og tolmod og langmod, og veit ikkje at Guds godleik
driv deg til umvending? **5** Men med ditt hardlynde og
ditt utbotferdige hjarta hopar du vreide yver deg på
vreidens dag då Guds rettferdige dom vert openberr;
**6** for han skal gjeva kvar etter gjerningarne hans: **7**
deim som med trott i god gjerning søkjer herlegdom og
æra og uforgjengelegdom, skal han gjeva ævelegt liv;
**(aiōnios g166)** **8** men deim som er stridsame og ikkje
lyder sanningi, men lyder urettferdi, skal timast vreide
og harm. **9** Naud og trengsla skal koma yver kvar
menneskjesjæl som gjer det vonde, både jøde fyrst og
so grækar. **10** Men herlegdom og æra og fred skal
timast kvar den som gjer det gode, både jøde fyrst
og so grækar. **11** For Gud gjer ikkje skil på folk: **12**
Alle som synda utan lovi, dei skal og verta fortapte
utan lovi, og alle som synda under lovi, dei skal og
verta dømde ved lovi. **13** For ikkje dei som høyrer
lovi, er rettferdige for Gud, men dei som gjer etter lovi,
skal verta rettferdiggjorde. **14** For når heidningarne
som ikkje hev lovi, gjer av naturi det som lovi byd, so
er dei seg sjølve ei lov, endå dei ikkje hev lovi. **15**
Dei syner at lovgjerningi er skrivi i hjarto deira, med
de samvitet deira gjev sitt vitnemål, og tankarne seg
imillom sakar eller orsakar deim **16** - på den dagen

då Gud skal døma det dulde hjå menneski, etter mitt
evangelium ved Jesu Kristus. 17 Men um du heiter
jøde og lit på lovi og rosar deg av Gud 18 og veit hans
vilje og dømer um dei ymse ting med di du lærer av
lovi, 19 og trøyster deg til å vera vegvisar for blinde,
ljos for deim som er i myrker, 20 uppsedar for dårar,
lærar for umynduge, då du hev den rette form for
kunnskap og sanning i lovi: 21 Du som soleis lærer ein
annan, lærer du ikkje deg sjølv? Du som preikar at
ein ikkje skal stela, stel du? 22 Du som segjer at ein
ikkje skal driva hor, driv du hor? Du som styggjest ved
avgudar, ranar du avgudstempel? 23 Du som rosar
deg av lovi, du vanærar Gud med di du bryt lovi! 24
For «Guds namn vert spotta millom heidningarne for
dykkar skuld, » som skrive stend. 25 For umskjeringi
gjer vel gagn um du held lovi; men bryt du lovi, då
hev di umskjering vorte til fyrehud. 26 Um då ein u-
umskoren liver etter lovbodi, skal ikkje då hans fyrehud
verta rekna for umskjering? 27 Og den som hev den
naturlege fyrehud, men uppfyller lovi, skal døma deg
som med bokstav og umskjering bryt lovi. 28 For ikkje
den er jøde som er det i synom, og ikkje heller er det
umskjering som er det i synom, på kjøtet. 29 Men den
som er jøde i løyndom, han er jøde, og umskjering er
hjarteumskjering i ånd, ikkje i bokstav. Ein slik hev ros,
ikkje av menneskje, men av Gud.

**3** Kva fyremun hev so jøden? eller kva gagn er det
i umskjeringi? 2 Mykje i alle måtar! fyrst og fremst
det at Guds ord vart gjeve deim til i vareign. 3 For
korleis er det? um sume var utrue, skulde då deira
utruskap gjera Guds truskap til inkjes? 4 Nei, langt ifrå!
Lat det standa fast at Gud er sannordig, men kvart
menneskje ein ljugar, som skrive stend: «At du må
finnast rettferdig i dine ord, og vinna når du fører di
sak.» 5 Men um vår urettferd syner Guds rettferd,
kva skal me då segja? Er vel Gud urettferdig når han
fører vreiden sin yver oss? Eg talar på menneskjevis.
6 Nei, langt ifrå! Korleis kunde då Gud døma verdi?
7 Ja, men um no Guds sannleik ved mi lygn synte
seg ovstor til hans ära, kvi vert då eg endå dømd
som ein syndar? 8 Og skal me ikkje då - som me vert
spotta for, og som sume segjer at me lærer - gjera det
vonde, so det gode kann koma utav det? Rettferdig er
den domen som slike fær yver seg. 9 Kva då? Hev
me nokon fyremun? Nei, slett ikkje; for me hev fyrr
klaga både jødar og grækarar for at dei er under synd
alle saman, 10 so som skrive stend: «Det finst ingen
rettferdig, ikkje ein heller; 11 det finst ikkje den som er
vitug, det finst ikkje den som søkjer Gud. 12 Alle er
avvikne, dei er udugande vortne alle saman; det finst
ikkje nokon som gjer godt, det finst ikkje ein einaste.
13 Ei opna grav er strupen deira, med tungorne sine
gjorde dei svik, orme-eiter er under lipporne deira. 14
Deira munn er full av bannskap og beiska. 15 Deira
føter er snare til å spilla blod. 16 Øyding og usæla hev
deira vegar, 17 og freds veg kjenner dei ikkje. 18 Ingen
age for Gud dei heve for augo.» 19 Men me veit at alt
det som lovi segjer, det talar ho til deim som hev lovi,
so kvar munn skal tagna og all verdi verta saka for
Gud, 20 sidan inkje kjøt kann verta rettferdiggjort for
honom med lovgjerningar; for ved lovi kjem ein til å
kjenna synd. 21 Men no er Guds rettferd, som lovi og
profetarne vitnar um, openberra utan lovi, 22 det vil
segja Guds rettferd ved tru på Jesus Kristus for alle
og yver alle som trur. For det finst inkje skil; 23 alle
hev synda og vantar æra for Gud, 24 med di dei vert
rettferdiggjorde ufortent av hans nåde ved utløysingi
i Kristus Jesus. 25 Honom synte Gud fram i blodet
hans, som ein nådestol ved trui, til å visa si rettferd, av
di han i sitt langmod hadde havt tol med dei synder
som fyrr var gjorde - 26 til å visa si rettferd i den tid
som no er, so han kunde vera rettferdig og gjera den
rettferdig som hev trui på Jesus. 27 Kvar er so vår ros?
Ho er utestengd. Kva lov er det ved? Gjerningslovi?
Nei, ved tru-lovi. 28 For me held fyre at menneskja
vert rettferdiggjord ved tru utan lovgjerningar. 29 Eller
er Gud berre Gud for jødar? Er han ikkje Gud for
heidningar og? Jau, for heidningar og, 30 so sant Gud
er ein, og han rettferdiggjer dei umskorne av tru, og
dei u-umskorne ved tru. 31 Gjer me då lovi um inkje
med trui? Nei, langt ifrå; me stadfester lovi.

**4** Kva skal me då segja at Abraham, far vår, hev vunne
etter kjøtet? 2 For vart Abraham rettferdiggjord av
gjerningar, so hev han noko å rosa seg av. Men det hev
han ikkje for Gud. 3 For kva segjer Skrifti? «Abraham
trudde Gud, og det vart rekna honom til rettferd.» 4 Men
den som held seg til gjerningar, honom vert løni ikkje
tilrekna av nåde, men etter skyldnad; 5 men den som
ikkje held seg til gjerningar, men trur på han som gjer
den ugudlege rettferdig, honom vert trui hans rekna til
rettferd. 6 Soleis prisar og David det menneskjet sælt
som Gud tilreknar rettferd utan gjerningar: 7 «Sæle er
dei som hev misgjerderne sine forlatne og synderne
sine yverbreidde. 8 Sæl er den mann som Herren
ikkje tilreknar synd.» 9 Gjeld no denne sælkingi dei
umskorne, eller dei u-umskorne og? For me segjer at
trui vart rekna Abraham til rettferd. 10 Korleis vart ho
då tilrekna honom? då han var umskoren, eller då han
hadde fyrehud? Ikkje då han var umskoren, men då
han hadde fyrehud, 11 og han fekk umskjeringsteiknet
til innsigle på rettferdi ved den trui som han hadde
då han var u-umskoren, av di han skulde vera far til
alle dei u-umskorne som trur, so rettferdi kunde verta

tilrekna deim og, 12 og far til dei umskorne, dei som
ikkje berre hev umskjering, men og gjeng i fotfaret av
den trui som Abraham, far vår, hadde då han var u-
umskoren. 13 For ikkje ved lovi fekk Abraham eller ætti
hans den lovnaden at han skulde vera erving til verdi,
men ved tru-rettferd. 14 For er dei som held seg til lovi
ervingar, so hev trui vorte gagnlaus og lovnaden til
inkjes; 15 for lovi verkar vreide, men der det ingi lov er,
der er ikkje heller lovbrot. 16 Difor fekk han lovnaden
ved trui, so det kunde vera som ein nåde, so lovnaden
kunde standa fast for all ætti, ikkje berre for den som
hev lovi, men og for den som hev Abrahams tru; han
som er far til oss alle - 17 som skrive stend: «Til fader
åt mange folk hev eg sett deg» - for Guds åsyn som
han trudde på, han som gjer dei daude livande og
kallar det som ikkje er til, som um det vore til. 18 Mot
von trudde han med von, so han skulde verta far til
mange folk, etter det som sagt var: «So skal ætti di
verta.» 19 Og utan veikskap i trui såg han på sin eigen
likam, som var utlivd, han var nære på hundrad år, og
på det utdøydde morslivet hennar Sara; 20 men på
Guds lovnad tvila han ikkje med vantru, men vart sterk
i trui, med di han gav Gud æra 21 og var fullviss på at
det han hadde lova, var han og megtig til å gjera. 22
Difor vart det og rekna honom til rettferd. 23 Men ikkje
berre for hans skuld er det skrive at det vart honom
tilrekna, 24 men og for vår skuld som det skal verta
tilrekna, me som trur på honom som vekte upp Jesus,
vår Herre, frå dei daude, 25 han som vart gjeven for
våre brot og uppvekt til vår rettferdiggjering.

**5** Etter di me no er rettferdiggjorde av trui, hev me
fred med Gud ved vår Herre Jesus Kristus, 2 som
me ved trui og hev fenge tilgjenge ved til denne nåden
som me stend i, og me rosar oss av von um Guds
herlegdom. 3 Ja, ikkje berre det, men me rosar oss
og av trengslorne våre, med di me veit at trengsla
verkar tolmod, 4 og tolmodet verkar røynsla, og røynsla
verkar von, 5 og voni gjer ikkje til skammar, av di Guds
kjærleik er utrend i hjarto våre ved den Heilage Ande
som er oss gjeven. 6 For medan me endå var veike,
døydde Kristus til fastsett tid for ugudlege. 7 For det vil
vandt nokon døy for ein rettferdig - for ein som er god
kunde kanskje einkvan taka på seg å døy -; 8 men
Gud syner sin kjærleik til oss med di at Kristus døydde
for oss medan me endå var syndarar. 9 So mykje
heller skal me då, no me er rettferdiggjorde ved hans
blod, verta frelste ved honom frå vreiden. 10 For so
sant me vart forlikte med Gud ved hans sons daude då
me var fiendar, so skal me so mykje heller verta frelste
ved hans liv no då me er forlikte. 11 Ja, ikkje berre det,
men me rosar oss og av Gud ved vår Herre Jesus
Kristus, som me no hev fenge forlik ved. 12 Difor,
liksom syndi kom inn i verdi ved eitt menneskje og
dauden ved syndi, og dauden soleis trengde igjenom til
alle menneskje av di dei synda alle - 13 For vel var det
synd i verdi fyre lovi, men syndi vert ikkje tilrekna der
det ingi lov er; 14 men endå rådde dauden frå Adam til
Moses ogso yver deim som ikkje hadde synda i likning
med Adams brot, han som er eit fyrebilæte på den som
skulde koma. 15 Men ikkje er det med nådegåva soleis
som med fallet; for hev dei mange døytt med di at den
eine fall, so hev mykje meir Guds nåde og gåva vorte
ovrik for dei mange i det eine menneskje Jesu Kristi
nåde. 16 Og ikkje er det med gåva soleis som det vart
då ein synda; for domen vart til fordøming for ein skuld,
men nådegåva vart til fridøming for mange fall skuld.
17 For dersom dauden kom til å råda på grunn av den
eine manns fall, so skal mykje meir dei som fær den
ovrike nåde og rettferds-gåva, liva og råda ved den
eine, Jesus Kristus. 18 Difor, liksom ein manns fall vart
til fordøming for alle menneskje, so vart og ein manns
rettferdige gjerning til livsens rettferdiggjering for alle
menneskje. 19 For liksom dei mange vart syndarar
ved ulydnaden åt det eine menneskjet, so skal og dei
mange verta rettferdige ved lydnaden åt den eine. 20
Men lovi kom attåt, so fallet skulde verta stort; men der
syndi vart stor, vart nåden endå større, 21 so liksom
syndi rådde ved dauden, skulde nåden og råda ved
rettferd til ævelegt liv ved Jesus Kristus, vår Herre.
**(aiōnios g166)**

**6** Kva skal me då segja? Skal me halda fram i syndi,
so nåden kann verta dess større? 2 Nei, langt ifrå!
Me som er avdøyde frå syndi, kor skulde me endå liva i
henne? 3 Eller veit de ikkje at alle me som vart døypte
til Kristus Jesus, me vart døypte til hans daude? 4 Me
vart soleis gravlagde med honom ved dåpen til hans
daude, for liksom Kristus vart uppvekt frå dei daude
ved Faderens herlegdom, so skal me og ferdast i ein
ny livnad. 5 For hev me vorte sameina med honom i
likskapen med dauden hans, so skal me og verta det i
likskapen med uppstoda hans, 6 då me veit dette, at
vårt gamle menneskje vart krossfest med honom av
so synd-likamen skulde verta til inkjes, so me ikkje
lenger skal tena syndi; 7 for den som er daud, han
er rettferdiggjort frå syndi. 8 Men døydde me med
Kristus, so trur me at me og skal liva med honom, 9
av di me veit at Kristus ikkje døyr meir sidan han er
uppvekt frå dei daude; dauden hev ikkje lenger vald
yver honom. 10 For dauden sin, den døydde han ein
gong for syndi, men livet sitt, det liver han for Gud. 11
Soleis skal de og rekna dykk daude for syndi, men
livande for Gud i Kristus Jesus. 12 Lat difor ikkje syndi
råda i dykkar døyelege likam, so de lyder lysterne
hans! 13 Og bjod ikkje heller fram lemerne dykkar åt

syndi til våpn for urettferd, men bjod dykk sjølve fram
åt Gud som upplivna frå daude, og lemerne dykkar åt
Gud til våpn for rettferd! 14 For syndi skal ikkje råda
yver dykk; de er ikkje under lovi, men under nåden.
15 Kva då? Skal me synda, sidan me ikkje er under
lovi, men under nåden? Nei, langt ifrå! 16 Veit de ikkje
at når de byd dykk fram åt einkvan til tenarar so de
lyder, so er de tenarar under den som de lyder, anten
det so er under syndi til daude eller under lydnaden til
rettferd? 17 Men Gud vere takk, at de vel hev vore
tenarar under syndi, men no av hjarta hev vorte lyduge
mot den lærdomsform som de er yvergjeven til! 18 Men
sidan de er frigjorde frå syndi, hev de vorte tenarar for
rettferdi. 19 Eg talar på menneskjevis for dykkar kjøts
vesaldom. For liksom de baud lemerne dykkar fram til
tenarar for ureinskapen og urettferdi til urettferd, so
bjod no fram lemerne dykkar til tenarar for rettferdi til
helging. 20 For då de var tenarar for syndi, var de frie
frå rettferdi. 21 Kva frukt hadde de so den tid? Slikt
som de no skjemmest ved. For endelykti på deim er
dauden. 22 Men no då de er frigjorde frå syndi og hev
vorte Guds tenarar, hev de dykkar frukt til helging, og
endelykti er ævelegt liv. (aiōnios g166) 23 For den løn
som syndi gjev, er dauden, men Guds nådegåva er
ævelegt liv i Kristus Jesus, vår Herre. (aiōnios g166)

**7** Eller veit de ikkje, brør - for eg talar til slike som
kjenner lovi - at lovi råder yver menneskjet so lenge
det liver? 2 For den gifte kvinna er med lovi bundi til
mannen sin so lenge han liver; men døyr mannen, er
ho løyst frå lovi um mannen. 3 Difor skal ho kallast
horkona, um ho gifter seg med ein annan mann medan
mannen hennar liver; men døyr mannen, so er ho fri
frå lovi, so ho ikkje vert horkona um ho vert gift med
ein annan mann. 4 Soleis, mine brør, døydde de og
frå lovi ved Kristi likam, av di de skulde høyra til ein
annan, det er han som er uppstaden frå dei daude, so
me kann bera frukt for Gud. 5 For då me var i kjøtet,
verka dei syndige lysterne, som vart vekte ved lovi,
soleis i lemerne våre, at me bar frukt for dauden; 6
men no er me løyste frå lovi, med di me hev døytt frå
det som me var fangar under, so me tener i Andens
nye art og ikkje i bokstavens gamle art. 7 Kva skal
me då segja? Er lovi synd? Nei, langt ifrå! men eg
kjende ikkje syndi utan gjenom lovi; for eg kjende ikkje
lysti, um ikkje lovi hadde sagt: «Du skal ikkje lysta!» 8
Men syndi tok tilføre av bodet og verka allslags lyst i
meg; for utan lov er syndi daud. 9 Eg livde ei tid utan
lov; men då bodet kom, livna syndi upp, 10 men eg
døydde; og bodet som var til liv, vart funne å vera meg
til daude, 11 for syndi tok tilføre av bodet og dåra og
drap meg ved det. 12 So er då lovi heilag, og bodet
heilagt og rettferdigt og godt. 13 Hev då det som er
godt vorte meg til daude? Nei, langt ifrå! men det var
syndi, at ho skulde visa seg å vera synd, med di ho
volde meg dauden med det som er godt - so syndi
skulde verta storleg syndig ved bodet. 14 For me veit
at lovi er åndeleg, men eg er kjøtleg, seld under syndi.
15 Det eg gjer, det skynar eg ikkje; for eg gjer ikkje det
som eg vil, men det som eg hatar, det gjer eg. 16 Men
gjer eg det som eg ikkje vil, so vitnar eg med lovi at ho
er god. 17 Men no er det ikkje lenger eg som gjer det,
men syndi som bur i meg. 18 For eg veit, at i meg, det
vil segja i kjøtet mitt, bur inkje godt; for viljen hev eg,
men gjera det gode vinn eg ikkje. 19 For eg gjer ikkje
det gode som eg vil, men det vonde som eg ikkje vil,
det gjer eg. 20 Men gjer eg det som eg ikkje vil, so er
det ikkje lenger eg som gjer det, men syndi som bur i
meg. 21 So finn eg då den lov for meg, eg som vil
gjera det gode, at det vonde ligg meg for handi. 22 For
eg hev hug til Guds lov etter mitt indre menneskje, 23
men eg ser ei onnor lov i lemerne mine, som strider
imot lovi i hugen min, og fangar meg under syndelovi
som er i lemerne mine. 24 Eg arme menneskje! kven
skal frelsa meg frå denne daudens likam? 25 Gud vere
takk ved Jesus Kristus, vår Herre! - So tener då eg i
meg sjølv Guds lov med hugen, men syndelovi med
kjøtet.

**8** So er det då ingi fordøming for deim som er i
Kristus Jesus. 2 For i Kristus Jesus hev livsens
ånds-lov gjort meg fri frå synde- og daude-lovi. 3 For
det som var umogelegt for lovi, av di ho var magtlaus
ved kjøtet, det gjorde Gud, då han sende sin eigen son
i syndigt kjøts likning og for syndi skuld og fordømde
syndi i kjøtet. 4 So skulde lovkravet verta fullnøgt i
oss som ikkje ferdast etter kjøtet, men etter Anden. 5
For dei som er etter kjøtet, trår etter det som høyrer
kjøtet til, men dei som er etter Anden, trår etter det
som høyrer Anden til. 6 For kjøtsens trå er daude,
men Andens trå er liv og fred, 7 etter di kjøtsens trå er
fiendskap mot Gud - for det er ikkje Guds lov lydugt,
ja, kann ikkje vera det heller - 8 og dei som er i kjøtet,
kann ikkje tekkjast Gud. 9 Men de er ikkje i kjøtet, men
i Anden, so framt Guds Ande bur i dykk; men hev ein
ikkje hev Kristi Ande, so høyrer han ikkje honom til. 10
Men er Kristus i dykk, so er vel likamen daud for synd
skuld, men åndi er liv for rettferd skuld. 11 Men dersom
Anden hans som vekte Jesus upp frå dei daude, bur i
dykk, so skal han som vekte Kristus upp frå dei daude,
ogso gjera dykkar døyelege likamar livande for sin
Ande skuld, som bur i dykk. 12 So stend me då, brør,
ikkje i skuld til kjøtet, so me skulde liva etter kjøtet. 13
For liver de etter kjøtet, skal de døy; men døyder de
likamens gjerningar ved Anden, då skal de liva. 14 For
so mange som vert drivne av Guds Ande, dei er Guds

born. 15 For de fekk ikkje ein trældoms-ande, so de
atter skulde ræddast, men de fekk ei barnekårs-ande,
som gjer at me ropar: «Abba, Fader!» 16 Anden sjølv
vitnar med vår ånd at me er Guds born. 17 Men er me
born, so er me ervingar og, det er Guds ervingar, og
Kristi medervingar, so framt me lid med honom, for at
me skal verta herleggjorde med honom. 18 For eg held
so fyre, at lidingarne i den nærverande tidi er ikkje
vyrdande mot den herlegdomen som skal openberrast
på oss. 19 For skapningen lengtar og stundar etter
Guds borns openberring; 20 for skapningen vart lagd
under vesaldomen - ikkje godviljugt, men etter hans
vilje som lagde honom derunder - 21 i von um at
skapningen og skal verta frigjord frå trældomen under
forgjengelegdom til fridomen i Guds borns herlegdom.
22 For me veit at all skapningen sukkar saman og lid
sår verk saman alt til no; 23 ja, ikkje berre det, men me
og, som hev Anden til fyrstegrøda, jamvel me sukkar
med oss sjølve, med di me stundar etter barnekåret,
vår likams utløysing. 24 For i voni er me frelste; men ei
von som ein ser, er ingi von; kvifor skulde ein vona det
ein ser? 25 Men vonar me det me ikkje ser, so stundar
me etter det med tolmod. 26 Men like eins kjem Anden
og vår vanmagt til hjelp; for me veit ikkje kva me skal
beda um, so som me treng det, men Anden sjølv gjeng
i bøn for oss med usegjelege sukkar, 27 og han som
ransakar hjarto, veit kva Anden trår etter; for etter
Guds vilje gjeng han i bøn for dei heilage. 28 Og me
veit at alle ting tener deim til gode som elskar Gud,
dei som er kalla etter hans rådgjerd. 29 For dei som
han kjende fyreåt, dei hev han og kåra fyreåt til å
likjast bilætet av Son hans, so han skulde vera den
fyrstefødde millom mange brør; 30 og dei som han
kåra fyreåt, deim hev han og kalla, og dei som han
kalla, deim hev han og rettferdiggjort, og dei som han
rettferdiggjorde, deim hev han og herleggjort. 31 Kva
skal me då segja um dette? Er Gud med oss, kven
er då imot oss? 32 Han som ikkje sparde sin eigen
son, men gav honom for oss alle, kor skulde han ikkje
og gjeva oss alle ting med honom? 33 Kven vil klaga
Guds utvalde? Gud er den som rettferdiggjer. 34 Kven
er den som fordømer? Kristus er den som hev døytt,
ja, endå meir, som er uppvekt, som og er ved Guds
høgre hand, som og gjeng i bøn for oss. 35 Kven skal
skilja oss frå Kristi kjærleik? Trengsla eller hugverk
eller forfylgjing eller hunger eller klædeløysa eller fåre
eller sverd? 36 som skrive stend: «For di skuld vert me
drepne all dagen; me er rekna som slagtesauer.» 37
Men i alt dette vinn me meir enn siger ved honom som
elska oss. 38 For eg er viss på at korkje daude eller liv,
korkje englar eller herrar, korkje det som no er eller det
som koma skal eller nokor magt, 39 korkje høgd eller
dypt eller noko annan skapning skal kunna skilja oss
frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.

**9** Eg segjer sanning i Kristus, eg lyg ikkje, samvitet
mitt vitnar med meg i den Heilage Ande, 2 at eg
hev ei stor sorg og en stendig verk i hjarta mitt. 3
For eg skulde ynskja at eg sjølv var bannstøytt burt
frå Kristus for brørne mine, samættingarne mine etter
kjøtet, 4 dei som er israelitar, som hev barnekåret og
herlegdomen og pakterne og lovgjevingi og gudstenesta
og lovnaderne, 5 dei som federne høyrer til og som
Kristus er ætta frå etter kjøtet, han som er Gud yver
alle ting, velsigna i all æva. Amen. (aiōn g165) 6 Men
det er ikkje so at Guds ord hev vorte til inkjes; for ikkje
alle dei som er ætta frå Israel, er Israel; 7 og ikkje
heller er alle Abrahams born for di um dei er hans ætt;
men: «Etter Isak som skal ætta di heita, » 8 det vil
segja: ikkje borni etter kjøtet er Guds born, men borni
etter lovnaden vert rekna til ætti. 9 For dette er eit
lovnadsord: «Ved dette bilet kjem eg att, og då skal
Sara hava ein son.» 10 Og ikkje berre det, men so var
det og med Rebekka, ho som var med born ved ein,
det er Isak, far vår. 11 For då dei endå var ufødde,
og ikkje endå hadde gjort korkje godt eller vondt - for
at Guds rådgjerd etter hans utveljing skulde standa
ved lag, ikkje ved gjerningar, men ved honom som
kallar - 12 då vart det sagt til henne: «Den eldste skal
tena den yngste, » 13 som skrive stend: «Jakob elska
eg, men Esau hata eg.» 14 Kva skal me då segja?
Skulde det finnast urettferd hjå Gud? Langt ifrå! 15 For
han segjer til Moses: «Eg vil miskunna den som eg
miskunnar, og ynka den som eg ynkar.» 16 So stend
det då ikkje til den som vil, og ikkje heller til den som
renner, men til Gud som gjer miskunn. 17 For Skrifti
segjer til Farao: «Just til dette reiste eg deg upp, at eg
kunde syna magti mi på deg, og at namnet mitt kunde
verta kunngjort yver all jordi.» 18 So miskunnar han då
kven han vil, og gjer kven han vil hard. 19 So vil du
vel segja til meg: «Kva hev han so endå å klaga for?
For kven stend vel imot viljen hans?» 20 Men kven
er då du, menneskje, som trættar imot Gud? Skal då
verket segja til verkaren: «Kvi gjorde du meg so?» 21
Eller hev ikkje krusmakaren vald yver leiret, so han av
same deigi kann gjera det eine kjerald til æra og det
andre til vanæra? 22 Men um no Gud, endå han vilde
syna vreiden sin og kunngjera si magt, like vel med
stort langmod tolde dei vreide-kjerald som var laga til
undergang, 23 so han og kunde gjera sin herlegdoms
rikdom yver miskunnskjeraldi som han fyreåt hadde
laga til herlegdom? 24 Og til slike kalla han oss og,
ikkje berre av jødar, men og av heidningar, 25 som
han og segjer hjå Hosea: «Det som ei er mitt folk,
vil eg kalla mitt folk, og kalla henne elska som ei var

elska; 26 og det skal ganga so, at på den staden det
vart sagt til deim: «De er ikkje mitt folk, » der skal dei
kallast den livande Guds born.» 27 Og som Jesaja
ropar ut yver Israel: «Um talet på Israels born er som
havsens sand, so skal då berre leivningen frelsast. 28
For ordet sitt skal Herren setja i verk og snøgt fullføra
på jordi.» 29 Og som Jesaja fyrr hev sagt: «Hadde
ikkje Herren Sebaot leivt oss eit sæde, so hadde me
vorte som Sodoma og vorte like Gomorra.» 30 Kva
skal me då segja? At heidningarne som ikkje søkte
rettferd, dei vann rettferd, men det var rettferdi av tru.
31 Men Israel, som søkte rettferdslov, dei vann ikkje
fram til denne lovi. 32 Kvifor so? For di dei ikkje søkte
henne med tru, men med gjerningar, for dei støytte
seg på støytesteinen, 33 som skrive stend: «Sjå, eg
legg i Sion ein stein til støyt og eit berg til stygg; den
som trur på honom, skal ikkje verta til skammar.»

**10** Brør! mitt hjartans ynskje og mi bøn til Gud for
deim er at dei må verta frelste. 2 For eg gjev
deim det vitnemålet at dei hev ihuge for Gud, men
ikkje med skynsemd; 3 for då dei ikkje kjende Guds
rettferd, men stræva etter å grunna si eigi rettferd, so
gav dei seg ikkje inn under Guds rettferd. 4 For Kristus
er enden på lovi til rettferd for kvar den som trur. 5
For Moses skriv um den rettferd som er av lovi: «Det
menneskjet som gjer desse ting, skal liva ved deim.»
6 Men den rettferdi som er av tru, segjer so: «Seg ikkje
i ditt hjarta: «Kven skal fara upp til himmelen» - det vil
segja til å henta Kristus ned -? 7 eller: «Kven skal fara
ned i avgrunnen» - det vil segja til å henta Kristus upp
frå dei daude -?» **(Abyssos g12)** 8 Men kva segjer ho?
«Ordet er deg nær i munnen din og i hjarta ditt; » det
er ordet um tru, det som me forkynner, 9 for dersom
du sannar med munnen din at Jesus er herre, og trur
du i hjarta ditt at Gud vekte honom upp frå dei daude,
so skal du verta frelst; 10 for med hjarta trur ein til
rettferd, og med munnen sannar ein til frelsa. 11 For
Skrifti segjer: «Kvar den som trur på honom, skal ikkje
verta til skammar.» 12 For det er inkje skil på jøde
og grækar; alle hev dei same Herre, som er rik nok
for alle som kallar på honom. 13 For kvar den som
kallar på Herrens namn, skal verta frelst. 14 Korleis
skal dei då kalla på den som dei ikkje trur på? og
korleis skal dei tru der dei ikkje hev høyrt? og korleis
skal dei høyra utan det er nokon som forkynner? 15
Og korleis skal dei forkynna utan dei vert utsende?
som skrive stend: «Kor fagre føterne deira er, som
forkynner fred, som ber godt bod!» 16 Men ikkje alle
lydde fagnadbodet. For Jesaja segjer: «Herre, kven
trudde det bodet me høyrde?» 17 So kjem då trui av
høyring, men høyringi ved Kristi ord. 18 Men eg segjer:
Hev dei då ikkje høyrt det? Jau, til vissa; «røysti deira
gjekk yver all jordi, og ordi deira til heimsens endar.»
19 Men eg segjer: Skyna ikkje Israel det då? Fyrst
segjer Moses: «Eg vil gjera dykk åbruige på det som
ikkje er eit folk, på eit uvitugt folk vil eg gjera dykk
harme.» 20 Og Jesaja vågar seg til å segja: «Eg vart
funnen av deim som ikkje søkte meg; eg synte meg for
deim som ikkje spurde etter meg.» 21 Men um Israel
segjer han: «All dagen rette eg ut henderne mine til eit
ulydugt og motstridigt folk.»

**11** Difor segjer eg: Hev då Gud støytt frå seg folket
sitt? Nei, langt ifrå; for eg er og ein israelit, av
Abrahams ætt, av Benjamins ættgrein. 2 Gud hev ikkje
støytt frå seg folket sitt som han kjende fyreåt. Eller
veit de ikkje kva Skrifti segjer der ho talar um Elia,
korleis han stig fram for Gud imot Israel og segjer: 3
«Herre! Profetarne dine drap dei, altari dine reiv dei
ned, og eg vart åleine att, og dei stend meg etter livet.»
4 Men kva segjer Guds svar til honom? «Eg leivde
meg sju tusund mann som ikkje bøygde kne for Ba'al.»
5 Soleis hev det då og i denne tid vorte att ein leivning
etter nådens utveljing. 6 Men er det av nåde, so er det
ikkje lenger av gjerningar, elles vert nåden ikkje nåde
lenger. 7 Kva so? Det som Israel trår etter, det hev det
ikkje nått, men dei utvalde hev nått det, dei hine hev
vorte forherde, 8 som skrive stend: «Gud gav deim ei
dauvskapsånd, augo til å ikkje sjå og øyro til å ikkje
høyra, alt til den dag i dag.» 9 Og David segjer: «Lat
bordet deira verta deim ei snara og ei gildra ei fella og
ei attergjeld! 10 Lat augo deira dimmast, so dei ikkje
ser, og bøyg alltid ryggen deira!» 11 Difor segjer eg:
Hev dei då snåva for di at dei skulde falla? Nei, langt
ifrå! men ved deira fall er frelsa komi til heidningarne,
so det skal vekkja deim til kapphug. 12 Men er deira
fall ein rikdom for verdi, og deira skade ein rikdom
for heidningar, kor mykje meir då deira fullending!
13 For til dykk talar eg, de heidningar. So sant som eg
er heidningapostel, ærar eg embættet mitt, 14 um eg
då kunde vekkja samættingarne mine til kapphug og
få frelst nokre av deim. 15 For hev verdi vorte forlikt
med Gud med då dei var burtkasta, kva anna vert det
då enn liv av daude, når dei vert mottekne? 16 Men
er fyrstegrøda heilag, so er deigi det og, og er roti
heilag, so er greinerne det og. 17 Um no like vel sume
av greinerne vart avbrotne, og du, som var ein vill
oljekvist, vart innpota imillom deim og vart samhavande
med deim i roti og feita på oljetreet, 18 so rosa deg
ikkje imot greinerne! men um du rosar deg, so er det
då ikkje du som ber roti, men roti som ber deg. 19 So
vil du vel segja: «Greinerne vart avbrotne for di at eg
skulde verta innpota.» 20 Ja vel! ved si vantru vart
dei avbrotne, men du stend ved trui; ovmodast ikkje,

men ottast! 21 For sparde ikkje Gud dei naturlege
greinerne, so vil han ikkje spara deg heller. 22 Sjå då
Guds godleik og strengleik: Strengleik imot deim som
er falne, men godleik imot deg, so framt du held deg til
godleiken, elles skal du og verta avhoggen. 23 Men
hine skal og verta innpota, dersom dei ikkje held fram i
vantrui; for Gud er megtig til å pota deim inn att. 24 For
dersom du vart avhoggen av det oljetreet som er vilt
av naturi, og imot naturi innpota i eit godt oljetre, kor
mykje heller skal dei då verta innpota i sitt eige oljetre,
dei som av naturi høyrer til der! 25 For eg vil ikkje, brør,
at de skal vera uvitande um denne løyndomen - so
de ikkje skal tykkjast dykk sjølve kloke - at forherding
til deils er komi yver Israel, til dess at fullnaden av
heidningarne er komen inn, 26 og so skal heile Israel
verta frelst, som skrive stend: «Frå Sion skal frelsaren
koma, rydja gudløysa burt frå Jakob, 27 og når eg tek
burt deira synder, er dette mi pakti med deim.» 28 Etter
evangeliet er dei fiendar for dykkar skuld, men etter
utveljingi er dei elska for federne skuld; 29 for Gud
tregar ikkje på nådegåvorne sine og kallet sitt. 30 For
liksom de fyrr var ulyduge mot Gud, men no hev fenge
miskunn ved deira ulydnad, 31 so hev dei og no vore
ulyduge for at dei og skal få miskunn med den miskunn
som de hev fenge; 32 for Gud hev gjeve deim alle
yver til ulydnad, so han skulde kunna miskunna deim
alle. (eleēsē g1653) 33 Å, for djup av rikdom og visdom
hjå Gud! Kor uransakelege domarne hans er, og kor
urekkjande vegarne hans! 34 For kven kjende Herrens
hug? eller kven var rådgjevaren hans? 35 Eller kven
gav honom noko fyreåt, so han skulde få vederlag att?
36 For av honom og ved honom og til honom er alle
ting. Han skal hava ära i all æva! Amen. (aiōn g165)

**12** So legg eg dykk då på hjarta, brør, ved Guds
miskunn, at de må bjoda fram likamarne dykkar
til eit offer som er livande og heilagt og hugnadlegt
for Gud - det er dykkar åndelege gudstenesta - 2 og
skikka dykk ikkje likt med denne verdi, men umlagast
med uppatnying av hugen dykkar, so de kann prøva
kva som er Guds vilje: det gode og hugnadlege og
fullkomne. (aiōn g165) 3 For ved den nåde som eg hev
fenge, segjer eg til kvar og ein millom dykk, at han
ikkje skal tenkja høgre um seg enn han bør tenkja,
men tenkja visleg, alt etter som Gud hev tiletla kvar sitt
mål av tru. 4 For liksom me hev mange lemer på ein
likam, men ikkje alle lemerne hev den same gjerning,
5 soleis er me mange ein likam i Kristus, men kvar
for seg er me kvarannans lemer. 6 Og sidan me hev
ulike nådegåvor alt etter den nåde som me hev fenge,
so lat oss, um me hev profetgåva, bruka henne etter
som me hev tru til, 7 eller um me hev ei tenesta, taka
vare på tenesta, eller um ein er lærar, på lærdomen, 8
eller um ein skal påminna, på påminningi; den som
etlar ut, gjere det i god tru; den som er styrar, vere
det med ihuge; den som gjer miskunn, gjere det med
gleda! 9 Lat kjærleiken utan fals; styggjest ved det
vonde, haldt fast ved det gode! 10 Ver varmhjarta
mot kvarandre i broderkjærleik; kappast um å visa
kvarandre vyrdnad! 11 Ver ikkje lunka i dykkar ihuge;
ver brennande i åndi; ten Herren! 12 Ver glade i voni,
toluge i trengsla, trottuge i bøni! 13 Syn samhug med
dei heilage i deira trong, legg vinn på gjestmildskap! 14
Velsigna deim som forfylgjer dykk; velsigna, og banna
ikkje! 15 Gled dykk med dei glade og gråt med dei
gråtande! 16 Ver samlyndte med kvarandre; trå ikkje
etter det høge; men haldt dykk gjerne til det låge; ver
ikkje sjølvkloke! 17 Gjev ikkje nokon att vondt for vondt;
legg vinn på det som godt er, for alle manns åsyn! 18
So framt det er mogelegt, so haldt de på dykkar sida
fred med alle menneskje! 19 Hemn dykk ikkje sjølve,
mine kjære, men gjev vreiden umrøme! For det stend
skrive: «Meg høyrer hemnen til, eg skal gjeva attgjeld,
segjer Herren.» 20 Um då fienden din er hungrig, so
gjev honom mat; er han tyrst, so gjev honom drikka!
for når du gjer det, sankar du gloande kol på hovudet
hans. 21 Lat ikkje det vonde vinna yver deg, men vinn
du yver det vonde med det gode!

**13** Kvar mann skal vera lydug mot dei fyresette
styremagter. For det finst ikkje styremagt utan
av Gud, men dei som finst, deim hev Gud skipa, 2
so den som set seg imot styremagti, han stend imot
Guds skipnad; men den som stend imot, skal få sin
dom. 3 For dei styrande er ikkje til rædsla for den
gode gjerning, men for den vonde. Vil du sleppa å
ræddast styremagti? Gjer det som godt er, so skal du
få ros av henne; 4 for ho er Guds tenar, deg til gode.
Men gjer du det som vondt er, so ræddast! for ho ber
ikkje sverdet for inkje; ho er Guds tenar, ein hemnar til
refsing yver den som gjer det som vondt er. 5 Difor er
det naudsynleg å vera lydug, ikkje berre for refsingi
skuld, men og for samvitet. 6 Difor legg de og skatt,
for dei er Guds tenarar, som just tek vare på dette.
7 Gjev då alle det de er deim skuldige: skatt til den
som skatt skal hava, toll til den som toll skal hava,
age til den som age skal hava, æra til den som æra
skal hava. 8 Ver ingen noko skuldige, utan det å elska
kvarandre! for den som elskar den andre, hev uppfyllt
lovi. 9 For ordi: «Du skal ikkje gjera hor, du skal ikkje
slå i hel, du skal ikkje stela, du skal ikkje lysta, » og
kva anna bodord det kann vera, det samlar seg til eitt
i dette: «Du skal elska næsten din som deg sjølv.»
10 Kjærleiken gjer ikkje næsten noko vondt; difor er
kjærleiken uppfylling av lovi. 11 Og dette lyt me gjera,
sidan me kjenner tidi, at timen er komen då me skal

vakna or svevnen; for frelsa er oss næmare no enn då
me tok ved trui. 12 Det lid med natti, og det stundar
mot dag; lat oss då leggja verki frå myrkret av, og
taka våpni til ljoset på! 13 Lat oss ferdasta sømeleg
som um dagen, ikkje i svir og drykk, ikkje i utukt og
lauslivnad, ikkje i kiv og ovund, 14 men iklæd dykk
Herren Jesus Kristus, og hav ikkje soleis umsut for
kjøtet, at det vekkjer lyster!

**14** Tak dykk av den som er veik i trui, utan å setja
dykk til doms yver tankarne hans! 2 Den eine
hev tru til å eta alle slag, men den veike et berre urter.
3 Den som et, vanvyrde ikkje den som ikkje et; og den
som ikkje et, døme ikkje den som et! For Gud hev teke
seg av honom. 4 Kven er du som dømer ein framand
dreng? Han stend eller fell for sin eigen herre; men
han skal verta standande, for Gud hev magt til å halda
honom uppe. 5 Den eine gjer skil på dagarne, den
andre held alle dagar like; kvar vere fullviss i sin eigen
hug. 6 Den som agtar på dagen, gjer det for Herren,
og den som ikkje agtar på dagen, gjer det for Herren.
Og den som et, gjer det for Herren, for han takkar Gud;
og den som ikkje et, gjer det for Herren og takkar Gud.
7 For ingen av oss liver for seg sjølv, og ingen døyr for
seg sjølv; 8 for um me liver, so liver me for Herren, og
me døyr, so døyr me for Herren, so anten me liver
eller døyr, høyrer me Herren til. 9 For Kristus døydde
og vart livande att, for di at han skulde vera herre både
yver livande og yver daude. 10 Men du, kvi dømer du
bror din? eller du, kvi vanvyrder du bror din? me skal
då alle fram for Guds domstol. 11 For det stend skrive:
«So sant eg liver, segjer Herren, for meg skal kvart kne
seg bøygja, og kvar tunga skal prisa Gud.» 12 So skal
då kvar og ein av oss gjera Gud rekneskap for seg
sjølv. 13 Lat oss difor ikkje lenger døma kvarandre,
men døm heller so, at de ikkje skal leggja støyt eller
fella for bror dykkar! 14 Eg veit og er viss på det i
Herren Jesus, at ingen ting er urein i seg sjølv; men
dersom nokon held noko for ureint, so er det ureint for
honom. 15 Fær bror din sorg for din mat skuld, so fer
du ikkje lenger fram i kjærleik; før ikkje med din mat
honom i fortaping som Kristus døydde for! 16 Lat då
ikkje det gode de hev, verta til spott! 17 For Guds rike
er ikkje eting og drikking, men rettferd og fred og gleda
i den Heilage Ande; 18 for den som tener Kristus i det,
han er hugnadleg for Gud og tekkjeleg for menneskje.
19 Lat oss difor trå etter det som tener til fred og til
uppbyggjing innbyrdes. 20 Riv ikkje ned Guds verk for
mat skuld! Alt er vel reint, men det er vondt for det
menneskje som et med samvitsagg. 21 Det er godt å
ikkje eta kjøt eller drikka vin eller gjera noko som bror
din støyter seg på. 22 Du hev tru; hav henne hjå deg
sjølv for Gud! Sæl er den som ikkje dømer seg sjølv i
det han valet han gjer; 23 men den som tvilar - et han,
so er han dømd, av di det ikkje er gjort av tru; alt som
ikkje er av tru, det er synd.

**15** Me som er sterke, me er skuldige til å bera
vanstyrken hjå dei veike og ikkje vera oss sjølve
til hugnad. 2 Kvar av oss vere næsten sin til hugnad,
til hans gagn, til uppbyggjing! 3 For Kristus levde ikkje
heller seg sjølv til hugnad, men som skrive stend:
«Deira hædingar som hædde deg, dei fall på meg.»
4 For alt det som fyrr er skrive, det er skrive oss til
lærdom, so me skal hava von ved det tolmodet og
den trøysti som skrifterne gjev. 5 Men Gud som gjev
tolmod og trøyst, han gjeve at de må vera samlyndte
med kvarandre etter Kristi Jesu fyredøme, 6 so de
samheldige, med ein munn, kann prisa Gud og vår
Herre Jesu Kristi Fader! 7 Difor, tak dykk av kvarandre,
liksom Kristus og tok seg av dykk til Guds æra! 8
Eg meiner: Kristus hev vorte tenar for dei umskorne
for Guds sannleik skuld, for å stadfesta lovnaderne
til federne; 9 men heidningarne skal prisa Gud for
miskunn, som skrive stend: «Difor vil eg prisa deg
millom heidningar og lovsyngja ditt namn.» 10 Og atter
segjer Skrifti: «Fagna dykk, heidningar, saman med
hans folk!» 11 Og atter: «Lova Herren, alle heidningar,
og prisa honom, alle folk!» 12 Og atter segjer Jesaja:
«Koma skal Isais rotrenning, han som reiser seg til
herre yver heidningar, på honom skal heidningarne
vona.» 13 Men den Gud som gjev voni, fylle dykk med
all gleda og fred i trui, so de kann vera rike på von ved
krafti frå den Heilage Ande! 14 Men eg og, mine brør,
hev den visse trui um dykk, at de av dykk sjølve er
fulle av godleik, fyllte med all kunnskap, duglege ogso
til å påminna kvarandre. 15 Men endå hev eg sume
stader skrive heller djervt til dykk, med di eg atter vilde
gjeva dykk påminning etter den nåde som Gud hev
gjeve meg, 16 at eg skal vera Jesu Kristi offerprest for
heidningarne og gjera prestetenesta med evangeliet,
so heidningarne kann verta eit huglegt offer, helga ved
den Heilage Ande. 17 Difor hev eg mi ros i Kristus
Jesus, i mi tenesta for Gud. 18 For eg vil ikkje våga
meg til å tala um anna enn det som Kristus hev verka
ved meg til å føra heidningar til lydnad, med ord og
gjerning, 19 med kraft av teikn og under, med kraft av
Guds Ande, so eg fullt hev kunngjort Kristi evangelium
frå Jerusalem og rundt ikring alt til Illyria, 20 men då
so, at eg sette mi æra i å forkynna evangeliet, ikkje der
som Kristus alt var nemnd, at eg ikkje skulde byggja
på framand grunnvoll, 21 men, som skrive stend: «Dei
som ingi kunngjering hev fenge um honom, skal sjå,
og dei som ikkje hev høyrt, skal skyna.» 22 Det er
mest dette som hev hindra meg frå å koma til dykk.
23 Men no, då eg ikkje lenger hev rom i desse landi,

og i mange år hev lengta etter å koma til dykk, **24** no vonar eg å få sjå dykk på gjenomferdi, når eg fer til Spania, og få fylgjeskap av dykk dit, når eg fyrst i nokon mun hev fenge hugnad hjå dykk. **25** Men no fer eg til Jerusalem i tenesta for dei heilage. **26** For Makedonia og Akaia hev av si godvild gjort eit samanskot til dei fatige millom dei heilage i Jerusalem. **27** Dei hev gjort det av si godvild, dei stend og i skuld til deim; for hev heidningarne fenge av deira åndelege gode ting, so er dei og skuldige til å tena deim med dei timelege. **28** Når eg då hev fullført dette og lagt denne frukt i deira hender, so vil eg fara derifrå gjenom dykkar by til Spania, **29** og eg veit at når eg kjem til dykk, so skal eg koma med ei fylla av Kristi velsigning. **30** Men eg legg dykk på hjarta, brør, for vår Herre Jesu Kristi og Andens kjærleik, at de må strida med meg i dykkar bøner for meg til Gud, **31** at eg må ganga fri for dei vantruande i Judæa, og mi ærend til Jerusalem må tekkjast dei heilage, **32** so eg kann koma til dykk med gleda, um Gud so vil, og kveikjast upp i samvære med dykk. **33** Fredsens Gud vere med dykk alle! Amen.

**16** Eg legg eit godt ord inn for Føbe, syster vår, som er tenar for kyrkjelyden i Kenkreæ, **2** at de tek imot henne i Herren, som det sømer dei heilage, og hjelper henne med alt som ho treng av dykk; for ho hev vore til hjelp for mange, ja for meg sjølv og. **3** Helsa Priska og Akvilas, mine medarbeidarar i Kristus Jesus - **4** dei hev våga sitt eige liv for meg, og ikkje berre eg takkar deim, men og alle kyrkjelydar av heidningarne - **5** og helsa kyrkjelyden i deira hus. Helsa Epænetus, min kjære, som er fyrstegrøda av Asia for Kristus. **6** Helsa Maria, som hev arbeidt mykje for dykk. **7** Helsa Andronikus og Junias, mine skyldfolk og medfangar, dei er namngjetne millom apostlarne, og dei kom og til Kristus fyre meg. **8** Helsa Amplias, min kjære bror i Herren. **9** Helsa Urbanus, vår medarbeidar i Kristus, og min kjære Stakys. **10** Helsa Apelles, den velrøynde i Kristus. Helsa deim som høyrer til Aristobulus' hus. **11** Helsa Herodion, skyldingen min. Helsa deim frå Narkissus' hus, som er i Herren. **12** Helsa Tryfæna og Tryfosa, som hev arbeidt i Herren. Helsa Persis, den kjære, ho hev arbeidt mykje i Herren. **13** Helsa Rufus, den utvalde i Herren, og hans og mi mor. **14** Helsa Asynkritus, Flegon, Hermes, Patrobas, Hermas og brørne hjå deim. **15** Helsa Filologus og Julia, Nereus og syster hans og Olympas og alle dei heilage som er hjå deim. **16** Helsa kvarandre med ein heilag kyss! Alle Kristi kyrkjelydar helsar dykk. **17** Men eg legg dykk på hjarta, brør, at de hev augo med deim som veld usemja og støytarne mot den læra som de hev lært, og haldt dykk ifrå deim. **18** For slike folk tener ikkje vår Herre Jesus Kristus, men sin eigen buk, og med sine fagre ord og sin smeikjande tale dårar dei hjarto på dei godtrugne. **19** For ordet um dykkar lydnad er kome utyver til alle; difor gled eg meg yver dykk, men eg ynskjer at de skal vera vise til det gode og reine for det vonde. **20** Men fredsens Gud skal brått krasa Satan under føterne dykkar! Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykk! **21** Timoteus, min medarbeidar, og Lukius og Jason og Sosipater, skyldingarne mine, helsar dykk. **22** Eg, Tertius, som skriv brevet, helsar dykk i Herren. **23** Gaius helsar dykk, han som er vert for meg og heile kyrkjelyden. Erastus, rekneskapsføraren i byen, helsar dykk, og broderen Kvartus. **24** Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykk alle! Amen. **25** Men han som er megtig til å styrkja dykk etter mitt evangelium og Jesu Kristi forkynning, etter openberringi av den løyndomen som hev vore duld i ævelege tider, **(aiōnios g166)** **26** men no er komen til synes, og i profetiske skrifter etter den ævelege Guds fyresegn kunngjord for alle folk til å verka lydnad i tru, **(aiōnios g166)** **27** han, den eine vise Gud ved Jesus Kristus, skal hava æra i all æva! Amen. **(aiōn g165)**

# 1 Korintierne

**1** Paulus, ved Guds vilje kalla til Kristi Jesu apostel,
og broderen Sostenes **2** til Guds kyrkjelyd som er
i Korint, deim som er helga i Kristus Jesus, som er
kalla, heilage, med alle deim som på kvar stad påkallar
vår Herre Jesu Kristi namn, både deira og vår. **3** Nåde
vere med dykk og fred frå Gud, vår Fader, og Herren
Jesus Kristus! **4** Eg takkar alltid min Gud for dykk, for
den Guds nåde som er dykk gjeven i Kristus Jesus,
**5** at de i honom er gjorde rike i alt, på all læra og i
all kunnskap, **6** liksom Kristi vitnemål er stadfest hjå
dykk, **7** so at det ikkje vantar dykk på nokor nådegåva,
medan de ventar på vår Herre Jesu Kristi openberring,
**8** han som og skal stadfesta dykk til enden, so de må
vera ulastande på vår Herre Jesu Kristi dag. **9** Gud
er trufast, han som de vart kalla ved til samfund med
hans Son Jesus Kristus, vår Herre. **10** Men eg legg
dykk på hjarta, brør, i vår Herre Jesu Kristi namn, at
de alle må vera samtykte i dykkar tale, og at de ikkje
må vera usamtykkje millom dykk, men at de må vera
fullt sameina i same hugen og i same tanken. **11** For
av huslyden hennar Kloe er det fortalt meg um dykk,
mine brør, at det er kivsmål millom dykk. **12** Det er
dette eg meiner, at kvar av dykk segjer: «Eg held meg
til Paulus, » «eg til Apollos, » «eg til Kefas, » «eg til
Kristus.» **13** Er Kristus sundskift? Er Paulus krossfest
for dykk? Eller er det døypte til Paulus' namn? **14** Eg
takkar Gud, at eg ikkje hev døypt nokon av dykk utan
Krispus og Gaius, **15** so ikkje nokon skal segja, at
de vart døypte til mitt namn. **16** Men det er sant, eg
døypte og Stefanas' hus. Elles veit eg ikkje, at eg hev
døypt nokon annan. **17** For Kristus sende meg ikkje ut
til å døypa, men til å forkynna evangeliet, ikkje med
vise ord, so Kristi kross ikkje skulde missa si kraft. **18**
For ordet um krossen er vel dårskap for deim som vert
fortapte, men for oss som vert frelste, er det ei Guds
kraft. **19** For det stend skrive: «Eg vil tyna visdomen hjå
dei vise og spilla vitet hjå dei vituge.» **20** Kvar er ein
vismann? Kvar er ein skriftlærd? Kvar er ein granskar
av denne verdi? Hev ikkje Gud gjort visdomen i verdi
til dårskap? **(aiōn g165)** **21** For då verdi ved sin visdom
ikkje kjende Gud i Guds visdom, so fann Gud for godt
ved forkynnings dårskap å frelsa deim som trur, **22**
etter som både jødar krev teikn, og grækarar søkjer
visdom, **23** men me forkynner Kristus krossfest, som
er ei avstyggjing for jødar og ein dårskap for grækarar,
**24** men for deim som er kalla, både jødar og grækarar,
forkynner me Kristus, Guds kraft og Guds visdom. **25**
For Guds dårskap er visare enn menneski, og Guds
vanmagt er sterkare enn menneski. **26** Sjå då på
dykkar kall, brør! at ikkje mange vise etter kjøtet vart
kalla, ikkje mange megtige, ikkje mange høgætta; **27**
men det som er dårlegt i verdi, det hev Gud valt seg
ut, so han kunde gjera dei vise til skammar, og det
som er veikt i verdi, det hev Gud valt seg ut, so han
kunde gjera det sterke til skammar. **28** Og det som er
lågt i verdi og vanvyrdt, det hev Gud valt seg ut, og det
som er ingen ting, so han kunde gjera det til inkjes
som er noko, **29** so ikkje noko kjøt skal rosa seg for
Gud. **30** Men av honom er de i Kristus Jesus, som for
oss hev vorte visdom frå Gud og rettferd og helging og
utløysing, **31** so at, som det stend skrive, den som
rosar seg, skal rosa seg i Herren.

**2** Og eg, då eg kom til dykk brør, kom eg ikkje med
meisterskap i ord eller i visdom og forkynte dykk
Guds vitnemål. **2** For eg vilde ikkje vita noko imillom
dykk, utan Jesus Kristus og honom krossfest. **3** Og eg
var hjå dykk med vanstyrke og med otte og med mykje
hjartebiv. **4** Og mitt ord og mi forkynning var ikkje
med visdoms yvertalande ord, men med framsyning
av ande og kraft, **5** so trui dykkar ikkje skulde vera
grunna på menneskje-visdom, men på Guds kraft.
**6** Men me talar visdom hjå dei fullkomne, men ein
visdom som ikkje høyrer denne verdi til eller herrarne i
denne verdi, dei som forgjengst. **(aiōn g165)** **7** Men som
ein løyndom talar me Guds visdom, den dulde, som
Gud frå ævelege tider hev etla til vår herlegdom, **(aiōn
g165)** **8** Den ingen av herrarne i denne verdi kjende; for
hadde dei kjent honom, so hadde dei ikkje krossfest
herlegdoms-herren; **(aiōn g165)** **9** men som skrive stend:
«Det som auga ikkje såg og øyra ikkje høyrde, og
som ikkje kom upp i menneskjehjarta, det som Gud
etla dei som elskar honom.» **10** Men for oss hev Gud
openberra det ved sin Ande; for Anden ransakar alle
ting, jamvel dypterne i Gud. **11** For kva menneskje
veit kva som bur i menneskjet, utan menneskjeåndi,
som er i det? So veit heller ingen, utan Guds Ande,
kva som bur i Gud. **12** Men me hev ikkje fenge den
ande som høyrer verdi til, men den Ande som er av
Gud, so me skal kjenna det som er oss gjeve av Gud,
**13** det som me talar um, ikkje med ord som er lærde
av menneskjeleg visdom, men med ord som er lærde
av den heilage Ande, med di me tyder åndelege ting
med åndelege ord. **14** Men eit naturleg menneskje
tek ikkje mot det som høyrer Guds Ande til; for det er
honom ein dårskap, og han kann ikkje kjenna det, for
det vert dømt åndeleg. **15** Men den åndelege dømer
alt, men sjølv vert han dømd av ingen. **16** For kven
kjende Herrens hug, so han kunde læra honom? Men
me hev Kristi hug.

**3** Og eg, brør, kunde ikkje tala til dykk som til
åndelege, men berre som til kjøtlege, som til

nyfødingar i Kristus. 2 Eg gav dykk mjølk å drikka og
ikkje fast føda; for de tolde det ikkje endå. Ja, de toler
det ikkje enno, 3 for de er enno kjøtlege; for når det er
ovund og trætta millom dykk, er de då ikkje kjøtlege og
ferdast på menneskjevis? 4 For når ein segjer: «Eg
held meg til Paulus, » og ein annan: «Eg til Apollos»,
er de ikkje då menneskje? 5 Kva er då Apollos, og
kva er Paulus? Tenarar som de kom til trui ved, og
det etter som Herren gav kvar for seg. 6 Eg planta,
Apollos vatna; men Gud gav vokster. 7 So er no korkje
den noko som planter, eller den som vatnar, men Gud
som gjev vokster. 8 Den som plantar, og den som
vatnar, er eitt, men kvar skal få si eigi løn etter sitt
eige arbeid. 9 For me er Guds medarbeidarar, de er
Guds åkerland, Guds bygnad. 10 Etter den Guds nåde
som er meg gjeven, hev eg lagt grunnvoll som ein
vis byggmeister, men ein annan byggjer uppå; men
kvar sjå til, korleis han byggjer uppå! 11 For annan
grunnvoll kann ingen leggja enn den som er lagd, det
er Jesus Kristus. 12 Men um nokon byggjer på denne
grunnvollen med gull, sylv, dyre steinar, tre, høy, strå,
13 då skal kvar manns verk verta synbert; for dagen
skal syna det, for han vert openberra med eld; og
korleis kvar manns verk er, det skal elden prøva. 14
Um nokon manns verk som han bygde, stend seg,
so skal han få løn; 15 um nokon manns verk brenn
upp, so skal han missa henne; sjølv skal han då verta
frelst, men so som gjenom eld. 16 Veit de ikkje at de
er Guds tempel, og Guds Ande bur i dykk? 17 Tyner
nokon Guds tempel, honom skal Gud tyna; for heilagt
er Guds tempeler, og det er de. 18 Ingen dåre seg
sjølv! Um nokon millom dykk tykkjest vera vis i denne
verdi, lat honom verta ei dåre, so han kann verta vis!
(aiōn g165) 19 For visdomen som høyrer denne verdi til,
er dårskap for Gud. For det stend skrive: «Han fangar
dei vise i deira sløgd, » 20 og atter: «Herren kjenner
tankarne hjå dei vise, at dei er fåfengde.» 21 Difor skal
ingen rosa seg av menneskje; for alt høyrer dykk til, 22
anten det er Paulus eller Apollos eller Kefas, anten det
er verdi eller liv eller daude, anten det er det som no
er, eller det som koma skal: alt høyrer dykk til; 23 men
de høyrer Kristus til, og Kristus høyrer Gud til.

**4** Soleis halde folk oss for Kristi tenarar og hushaldarar
yver Guds løyndomar! 2 Elles vert det kravt av
hushaldarar, at dei må verta funne true. 3 Men for
meg hev det lite på seg å verta dømd for dykk eller
av ein menneskjeleg domstol; ja, eg dømer ikkje meg
sjølv di heller. 4 For vel veit eg ingen ting med meg
sjølv, men med det er eg ikkje rettferdiggjord; men den
som dømer meg, er Herren. 5 Døm difor ikkje nokon
fyre tidi, fyrr Herren kjem, han som og skal føra fram i
ljoset det som er dult i myrkret, og openberra råderne
i hjarto; og då skal kvar og ein få si ros av Gud. 6
Dette, brør, hev eg yverført på meg sjølv og Apollos
for dykkar skuld, so de må læra av oss at ein ikkje skal
ganga lenger enn det som skrive stend, so ingen av
dykk skal blåsa seg upp for den eine i mot den andre.
7 For kven gjev vel deg fyremun? Og kva hev du, som
du ikkje hev fenge? Men um du no og hev fenge noko,
kvi rosar du deg då, som um du ikkje hadde fenge det?
8 De hev alt vorte mette, de hev alt vorte rike, utan oss
hev de vorte herrar; ja, gjev de hadde vorte herrar,
so me og kunde vera herrar saman med dykk! 9 For
eg tykkjer at Gud hev synt oss apostlar fram som dei
ringaste, som dømde til dauden; for me hev vorte til ei
bisn for verdi, både for englar og for menneskje. 10
Me er dårar for Kristi skuld, men de er kloke i Kristus;
me er veike, men de er sterke; de er heidra, men me
ærelause. 11 Til denne stund er me både hungrige og
tyrste og nakne og slegne og heimlause, 12 og mødde,
med di me arbeider med våre eigne hender; me vert
utskjelte, og me velsignar; me vert forfylgde, og me tek
det med tol; 13 me vert spotta, og me påminner; me
hev vorte som avrak i verdi, utskot for alle til denne
stund. 14 Eg skriv ikkje dette til vanæra for dykk, men
av di de er mine kjære born, påminner eg dykk. 15
For um de hev ti tusund læremeistrar i Kristus, so hev
de då ikkje mange feder; for i Kristus Jesus hev eg
avla dykk ved evangeliet. 16 Eg legg dykk difor på
hjarta: Vert mine etterfylgjarar! 17 Difor sende eg dykk
Timoteus, som er min kjære og trufaste son i Herren,
at han skulde minna dykk um mine vegar i Kristus,
soleis som eg lærer alle stader hjå kvar kyrkjelyd. 18
Men sume hev blåse seg upp i von um, at eg ikkje
skulde koma til dykk. 19 Men eg kjem til dykk snart,
um Herren vil, og fær då læra å kjenna ikkje ordi, men
krafti hjå dei uppblåsne. 20 For Guds rike stend ikkje i
ord, men kraft. 21 Kva vil de? Skal eg koma til dykk
med ris eller med kjærleik og ei smålåti ånd?

**5** Der gjeng allfares ord um hor hjå dykk, og det slikt
hor, som ikkje ein gong vert nemnt hjå heidningarne,
at ein held seg med kona åt far sin. 2 Og de blæs dykk
upp, endå de langt heller skulde syrgja, so den som
hev gjort denne gjerningi, kunde verta støytt ifrå dykk!
3 For eg, som vel er fråverande med likamen, men
nærverande med åndi, eg hev alt dømt, som eg var
nærverande, at den som hev gjort dette, 4 han skal i
vår Herre Jesu Kristi namn, med di de og mi ånd kjem
saman i vår Herre Jesu Kristi kraft, 5 verta yvergjeven
til Satan til tyning av kjøtet, so åndi kann verta frelst
på Herren Jesu dag. 6 Det er ikkje fagert det som de
rosar dykk av. Veit de ikkje, at ein liten surdeig syrer
heile deigen? 7 Reinsa difor ut den gamle surdeigen,

so de kann vera ny deig, liksom de er usyrde; for ogso
vårt påskelamb er slagta: Kristus. 8 Lat oss so halda
helg, ikkje med gamall surdeig, ikkje med vondskap
og argskaps surdeig, men med reinleiks og sannings
usyrde brød! 9 Eg skriv til dykk i brevet, at de ikkje
skulde hava umgjenge med horkarar, 10 og då meinte
eg ikkje horkararne av denne verdi i det heile, eller
giruge eller røvarar eller avgudsdyrkarar, for elles laut
de ganga ut or verdi; 11 men eg skreiv til dykk at de
ikkje skal hava umgjenge med nokon, som er kalla
bror og er ein horkar eller girug eller avgudsdyrkar eller
baktalar eller drikkar eller røvar, so de ikkje ein gong et
i saman med honom. 12 For kva hev vel eg med å
døma deim som er utanfor? Dømer ikkje de og berre
dei som er innanfor? 13 men Gud skal døma deim som
er utanfor. So støyt då ut den vonde frå dykk sjølve!

6 Vågar nokon av dykk, når han hev sak mot ein
annan, å søkja dom hjå dei urettferdige og ikkje hjå
dei heilage? 2 Eller veit de ikkje, at dei heilage skal
døma verdi? Og dersom verdi vert dømd av dykk, er
de då uverdige til å døma i dei minste saker? 3 Veit de
ikkje, at me skal døma englar, og då vel mykje meir i
timelege ting? 4 Når de då hev saker um timelege
ting, so set de deim til domarar som er vanvyrde i
kyrkjelyden! 5 Til skam for dykk segjer eg dette. So
finst der då ingen vis mann hjå dykk, ikkje ein einaste
som kann skilja trætta for bror sin? 6 Men bror fører
sak mot bror, og det endå for vantruande domarar. 7
Det er no i det heile eit tap for dykk at de hev sak med
kvarandre. Kvi lid de ikkje heller urett? Kvi toler de
ikkje heller uskil? 8 Men de gjer urett og uskil, og det
endå mot brør! 9 Eller veit de ikkje, at dei urettferdige
ikkje skal erva Guds rike? Lat dykk ikkje dåra! Korkje
lauslevande eller avgudsdyrkarar eller horkarar eller
blautfengne eller slike som syndar mot naturi, 10 eller
tjuvar eller giruge eller drikkarar eller baktalarar eller
røvarar skal erva Guds rike. 11 Og slike var sume av
dykk; men de er avtvegne, men de er helga, de er
rettferdiggjorde ved Herren Jesu namn og i vår Guds
Ande. 12 Alt hev eg lov til, men ikkje alt gagnar; alt hev
eg lov til, men eg skal ikkje lata noko få vald yver meg.
13 Maten er for magen, og magen for maten; og Gud
skal gjera ende både på den eine og den andre. Men
likamen er ikkje for hor, men for Herren, og Herren
for likamen. 14 Og Gud vekte upp Herren og skal og
vekkja oss upp ved si kraft. 15 Veit de ikkje, at dykkar
likamar er Kristi lemer? Skal eg då taka Kristi lemer
og gjera deim til lemer åt ei skjøkja? Langt ifrå! 16
Eller veit de ikkje, at den som held seg til skjøkja, er
ein likam med henne? For det er sagt: «Dei tvo skal
vera eitt kjøt.» 17 Men den som held seg til Herren,
er ein ande med honom. 18 Fly hor! All synd som eit
menneskje kann gjera, er utanfor likamen; men den
som gjer hor, syndar imot sin eigen likam. 19 Eller
veit de ikkje, at likamen dykkar er eit tempel for den
Heilage Ande som bur i dykk, han som de hev frå
Gud, og at de ikkje er dykkar eigne? 20 For de er dyrt
kjøpte. Æra då Gud i dykkar likam!

7 Men vedkomande det som de skreiv um, so er det
godt for ein mann at han ikkje rører ei kvinna. 2
Men for hor skuld skal kvar mann hava si eigi kona, og
kvar kvinna sin eigen mann! 3 Mannen skal gjera sin
skyldnad mot kona, og like eins kona imot mannen! 4
Kona råder ikkje yver sin eigen likam, men mannen;
like eins råder ikkje heller mannen yver sin eigen likam,
men kona. 5 Haldt dykk ikkje frå einannan, utan etter
samråd, til ei tid, so de kann liva berre for bøn, og kom
so atter saman, so Satan ikkje skal freista dykk, av di
de ikkje kann vera fråhaldande. 6 Men dette segjer
eg som eit løyve, ikkje til påbod. 7 For eg vilde at
alle menneskje var liksom eg; men kvar hev si eigi
nådegåva av Gud, den eine so, den andre so. 8 Til dei
ugifte og til enkjorne segjer eg: Det er godt for deim um
dei vert verande som eg. 9 Men kann dei ikkje halda
seg frå, so fær dei gifta seg, for det er betre å gifta seg
enn å lida brune. 10 Men deim som er gifte, byd ikkje
eg, men Herren, at kona ikkje må skiljast frå mannen -
11 men er ho skild frå honom, skal ho verta verande
ugift eller semjast med mannen - og at ein mann ikkje
må skilja seg frå kona si. 12 Til dei andre segjer eg,
ikkje Herren: Um ein bror hev ei vantruande kona, og
ho samtykkjer i å bu hjå honom, so skal han ikkje skilja
seg frå henne; 13 og ei kona som hev ein vantruande
mann, og han samtykkjer å bu hjå henne, ho skal ikkje
skilja seg frå mannen! 14 For den vantruande mannen
er helga ved kona, og den vantruande kona er helga
ved broren; for elles var borni dykkar ureine, men no
er dei heilage. 15 Men skil den vantruande seg ifrå, so
lat honom skilja seg; for broren eller systeri er ikkje
trælbundne i slike ting, men Gud hev kalla oss til fred.
16 For kva veit du, kona, um du kann frelsa mannen?
Eller kva veit du, mann, um du kann frelsa kona? 17
Berre at kvar må ferdast so som Herren hev gjeva
honom, som Gud hev kalla honom. Og soleis segjer
eg fyre i alle kyrkjelydarne. 18 Er nokon kalla då han
var nokon umskoren, so drage han ikkje fyrehud yver;
er nokon kalla då han var u-umskoren, so late han seg
ikkje umskjera! 19 Umskjering er ingen ting, og fyrehud
er ingen ting, men det å halda Guds bod. 20 Kvar og
ein verte verande i det kall som han er kalla i! 21 Er du
kalla som træl, so syt ikkje for det! Men kann du og
verta fri, so gjer heller bruk av det! 22 For den træl
som er kalla i Herren, han er Herrens frigjevne; like
eins og den frie som er kalla, han er Kristi træl. 23

De er dyrt kjøpte; vert ikkje trælar for menneskje! 24
I det stand som kvar er kalla i, brør, i det verte han
verande hjå Gud! 25 Men um møyarne hev eg ikkje
noko bod frå Herren, men eg segjer mi meining, sidan
eg av Herren hev fenge miskunn til å vera truverdig.
26 Eg meiner då det, at det for den noverande naud
skuld er godt for eit menneskje å vera soleis. 27 Er
du bunden til ei kona, so søk ikkje skilsmål! Er du
ubunden av ei kona, so søk ikkje ei kona! 28 Men um
du og gifter deg, syndar du ikkje; og um ei møy gifter
seg, syndar ho ikkje; men slike kjem til å få trengsla
for kjøtet, men eg vilde gjerne spara dykk. 29 Men
det segjer eg, brør: Tidi er stutt, so at dei som hev
konor, skal heretter vera som dei som ikkje hev, 30 og
dei gråtande som ikkje gråtande, og dei glade som
ikkje glade, og dei kjøpande som ikkje eigande, 31 og
dei som brukar denne verdi, som dei som ikkje brukar
henne; for skapnaden åt denne verdi forgjengst. 32 Eg
vil helst at de skal vera utan umsut. Den ugifte hev
umsut for det som høyrer Herren til, korleis han kann
vera Herren til hugnad. 33 Men den gifte hev umsut for
det som høyrer verdi til, korleis han skal vera kona til
hugnad. 34 Det er skilnad på kona og møy. Den ugifte
kvinna hev umsut for det som høyrer Herren til, at ho
kann vera heilag både på likam og ånd; men den gifte
hev umsut for det som høyrer verdi til, korleis ho kann
vera mannen til hugnad. 35 Dette segjer eg til dykkar
eige gagn, ikkje til å setja ei snara for dykk, men til
å fremja sømd og stødt vedhald for Herren. 36 Men
um nokon trur at det er urett for hans ugifte dotter,
når ho er utyver ungdomsalderen, og det må so vera,
han gjere då som han vill, han syndar ikkje; lat deim
gifta seg! 37 Men den som stend fast i hjarta og ikkje
er nøydd, men hev vald yver sin eigen vilja og hev
sett seg det fyre i sitt hjarta at han vil halda dotter si
ugift, han gjer vel; 38 so at både den som gifter burt,
gjer vel, og den som ikkje gifter burt, gjer betre. 39 Ei
kona er bundi so lenge mannen hennar liver; men når
mannen hennar er avsovna, er ho fri, so ho kann gifta
seg med kven ho vil, berre det vert gjort i Herren. 40
Men sælare er ho, um ho vert verande som ho er, etter
mi meining. Men eg trur og at eg hev Guds Ande.

**8** Men vedkomande avgudsoffer, so veit me at me
alle hev kunnskap. - Kunnskapen blæs upp, men
kjærleiken byggjer upp. 2 Um nokon tykkjest kjenna
noko, han hev aldri kjent noko soleis som ein skal
kjenna det. 3 Men um nokon elskar Gud, so er han
kjend av honom. - 4 Vedkomande eting av avgudsoffer,
so veit me at ingen avgud i verdi er til, og at det finst
ingen annan Gud enn ein. 5 For um det og er dei
som vert kalla gudar anten i himmelen eller på jordi -
som det er mange gudar og mange herrar - 6 so finst
det då for oss berre ein Gud, Faderen, som alle ting
er av, og me til honom, og ein Herre, Jesus Kristus,
som alle ting er til ved, og me ved honom. 7 Men den
kunnskap er ikkje hjå alle; men sume gjer seg endå
samvit for avguden skuld og et det som avgudsoffer,
og då samvitet deira er veikt, vert det ureint. 8 Men
mat gjev oss ikkje verd for Gud; korkje vinn me noko
um me et, eller taper noko um me ikkje et. 9 Men sjå
til at ikkje denne fridomen dykkar vert til støyt for dei
veike! 10 For um nokon ser deg som hev kunnskap
sitja til bords i avgudshuset, vert då ikkje samvitet hjå
honom som er veik, tilstyrkt til å eta avgudsoffer? 11
Og den veike bror, som Kristus døydde for, vert då
fortapt for din kunnskap skuld! 12 Men når de soleis
syndar imot brørne og sårar deira veike samvit, so
syndar de mot Kristus. 13 Difor, dersom mat valdar
støyt for bror min, so vil eg i all æva ikkje eta kjøt, so
eg ikkje skal valda støyt for bror min. **(aiōn g165)**

**9** Er eg ikkje fri? Er eg ikkje apostel? Hev eg ikkje set
Jesus, vår Herre? Er ikkje de mitt verk i Herren?
2 Er eg ikkje apostel for andre, so er eg det då for
dykk; for de er innsiglet på mitt apostel-embætte i
Herren. 3 Dette er mitt forsvar mot deim som dømer
meg. 4 Hev me ikkje rett til å eta og drikka? 5 Hev me
ikkje rett til å føra med oss ei syster som kona liksom
og dei andre apostlar og Herrens brør og Kefas? 6
Eller er det berre eg og Barnabas som ikkje hev rett
til å sleppa å arbeida? 7 Kven gjer vel nokon gong
hertenesta på eigen kostnad? Kven plantar ein vinhage
og et ikkje av frukti hans? Eller kven føder ei hjord
og et ikkje av mjølki frå hjordi? 8 Talar eg dette berre
etter menneskjevis, eller segjer ikkje lovi og dette? 9
For i Mose lov stend det skrive: «Du skal ikkje setja
muleband på ein ukse når han treskjer.» Er det uksane
Gud hev umsut for, 10 eller segjer han det berre for
vår skuld? For det er for vår skuld det er skrive, at den
som pløgjer, skal pløgja med von, og den som treskjer,
skal gjera det med von um å få sin lut. 11 Hev me sått
for dykk dei åndelege ting, er det då noko stort um me
haustar dykkar timelege ting? 12 Hev andre rett yver
dykk, skulde då ikkje me mykje meir hava det? Men
me hev ikkje bruka denne retten, me toler alt, so me
ikkje skal leggja noko hinder for Kristi evangelium. 13
Veit de ikkje, at dei som gjer tenesta med det heilage,
fær føda av heilagdomen? dei som gjer tenesta ved
altaret, fær lut med altaret? 14 Soleis hev og Herren
skipa det so for deim som forkynner evangeliet, at dei
skal liva av evangeliet. 15 Men eg hev ikkje gjort bruk
av noko av dette. Eg skriv ikkje dette difor, at det skal
verta so med meg; for det var betre for meg å døy, enn
at nokon skulde gjera mi ros til inkjes. 16 For um eg
forkynner evangeliet, so er det ikkje noko å rosa meg

av, for det ligg naudsynt på meg; ja, usæl eg, um eg
ikkje forkynner evangeliet! 17 For um eg gjer dette
godviljugt, hev eg løn; men gjer eg det uviljugt, so er
det då eit hushald som er meg yverlate. 18 Kva er då
mi løn? At eg, når eg forkynner evangeliet, gjer det
for inkje, so eg ikkje brukar min rett i evangeliet. 19
For endå eg er fri for alle, hev eg då gjort meg sjølv
til tenar for alle, so eg kann vinna dei fleste. 20 Og
eg hev vorte som ein jøde for jødarne, so eg kann
vinna jødar; for deim under lovi, som eg var under lovi
- endå eg ikkje er under lovi - so eg kann vinna deim
som er under lovi; 21 for deim som er utan lov, som
om eg var utan lov - endå eg ikkje er lovlaus for Gud,
men lovbunden for Kristus - so eg kann vinna dei som
er utan lov. 22 For dei veike hev eg vorte veik, so eg
kann vinna dei veike; for dei alle hev eg vorte alt, for at
eg i alle høve skal kunna frelsa nokre. 23 Men alt gjer
eg for evangeliet skuld, for at eg skal få lut i det. 24
Veit de ikkje, at dei som kapprenner på skeidvollen,
dei renner vel alle, men ein tek sigersprisen? Renn då
soleis, so de kann få honom! 25 Kvar den som er med
i tevling, er fråhaldande i alt, hine so dei kann få ein
forgjengeleg krans, men me ein uforgjengeleg. 26 So
renner eg då soleis, ikkje som på det uvisse; eg fiktar
ikkje som den som slær ut i veret. 27 Men eg tvingar
min likam og trælkar honom, so ikkje eg som preikar
for andre, skal sjølv verta funnen uverdig.

**10** Men eg vil ikkje, brør, at de skal vera uvitande um
at federne våre var alle under skyi og gjekk alle
gjenom havet 2 og vart alle døypte til Moses i skyi og
havet, 3 og dei åt alle den same åndelege maten 4 og
drakk alle den same åndelege drykken; for dei drakk
av det åndelege berget som fylgde deim; og berget var
Kristus. 5 Men like vel hadde Gud ikkje hugnad i dei
fleste av deim; for dei vart nedslegne i øydemarki. 6
Men desse ting hev vorte fyredøme for oss, so ikkje
me skal trå etter det vonde liksom dei trådde. 7 Vert
ikkje heller avgudsdyrkarar liksom nokre av deim! som
skrive stend: «Folket sette seg ned til å eta og drikka
og stod upp til å leika.» 8 Lat oss ikkje heller driva hor,
liksom nokre av deim dreiv hor og fall på ein dag tri
og tjuge tusund! 9 Lat oss ikkje heller freista Kristus,
liksom nokre av deim freista honom og vart tynte av
hoggormar! 10 Murra ikkje heller, liksom nokre av deim
murra og vart tynte av tynaren! 11 Men dette hende
deim som fyredøme, men det er skrive til påminning
for oss som dei siste tider er komne til. (aiōn g165) 12
Difor, den som tykkjer han stend, han sjå til at han ikkje
fell! 13 Dykk hev ingi freisting råka som menneskje
ikkje kann bera; men Gud er trufast, som ikkje skal
lata dykk verta freista utyver det de toler, men skal
gjera både freistingi og utgangen slik at de kann halda
det ut. 14 Difor, mine kjære, fly frå avgudsdyrkingi! 15
Eg talar som til skynsame folk. Døm sjølv um det eg
segjer! 16 Velsigningskalken som me velsignar, er han
ikkje samfund med Kristi blod? Brødet som me bryt,
er det ikkje samfund med Kristi likam? 17 Av di der
er eitt brød, er me ein likam, endå me er mange; for
me er alle samhavande i det eine brødet. 18 Sjå til
Israel etter kjøtet! Hev ikkje dei som et offeri, samfund
med altaret? 19 Kva meiner eg so? At avgudsoffer
til? eller at ein avgud er til? 20 Nei, men at det dei
ofrar, det ofrar dei til vonde ånder og ikkje til Gud; men
eg vil ikkje at de skal koma i samfund med dei vonde
ånder. 21 De kann ikkje drikka kalken til Herren og
kalken til vonde ånder; de kann ikkje hava bordsamlag
med Herren og bordsamlag med vonde ånder. 22 Eller
torer me eggja Herren til harm? Me er då vel ikkje
sterkare enn han? 23 Alt hev eg lov til, men ikkje alt
gagnar. Alt hev eg lov til, men ikkje alt uppbyggjer. 24
Ingen søkje bate for seg sjølv, men det som batar den
andre! 25 Et alt som vert selt i slagtarbudi, og spør
ikkje meir um det for samvitet skuld! 26 For jordi og
alt det som fyller henne, høyrer Herren til. 27 Og um
nokon av dei vantruande bed dykk til gjest, og de vil
ganga dit, so et alt som vert framsett for dykk, og spør
ikkje meir um det for samvitet skuld! 28 Men um nokon
segjer til dykk: «Dette er avgudsoffer, » so et ikkje, for
hans skuld som fortalde det, og for samvitet skuld. 29
Samvitet, segjer eg, ikkje eins eige, men samvitet hjå
den andre. For kvi skal min fridom dømast av annan
manns samvit? 30 Um eg et med takk, kvi skal eg då
verta spotta for det som eg takkar for? 31 Anten de so
et eller drikk, eller kva de gjer, so gjer alt til Guds æra!
32 Ver ikkje til meinstøyt korkje for jødar eller grækarar
eller for Guds kyrkja, 33 liksom eg og i alt strævar å
tekkjast alle, då eg ikkje søkjer det som er gagnlegt for
meg sjølv, men for dei mange, at dei må verta frelste.

**11** Vert mine etterfylgjarar, liksom eg fylgjer etter
Kristus! 2 Eg rosar dykk, brør, at de minnest meg
i alle ting, og at de held fast på mine fyreskrifter, so
som eg gav dykk deim. 3 Men eg vil de skal vita, at
hovudet for kvar mann er Kristus, og hovudet for kvinna
er mannen, og hovudet for Kristus er Gud. 4 Kvar
mann som bed eller talar profetord og då hev noko
på hovudet, han vanærar hovudet sitt. 5 Men kvar
kvinna som bed eller talar profetord utan hovudbunad,
ho vanærar hovudet sitt; for det er eitt og det same
som ho var raka. 6 For dersom ei kvinna ikkje brukar
hovudbunad, so lat henne og klyppa av seg håret;
men er det usømelegt for ei kvinna å klyppa eller raka
av seg håret, so lat henne bruka hovudbunad! 7 For
ein mann skal ikkje hava noko på hovudet, då han
er Guds bilæte og æra; men kvinna er mannsens

æra. 8 For mannen er ikkje av kvinna, men kvinna
av mannen. 9 For mannen vart ikkje heller skapt for
kvinna skuld, men kvinna for mannen skuld. 10 Difor
skal kvinna hava lydskyldnads-merke på hovudet for
englarne skuld. 11 Men i Herren er korkje kvinna noko
framfor mannen eller mannen noko framfor kvinna. 12
For liksom kvinna er av mannen, so er og mannen ved
kvinna; og alt er av Gud. 13 Døm hjå dykk sjølve! Er det
sømelegt at ei kvinna bed til Gud utan hovudbunad?
14 Lærer ikkje sjølve naturi dykk, at um ein mann let
håret veksa langt, er det honom til vanæra, 15 men um
ei kvinna let håret veksa langt, er det henne til æra?
for det lange håret er gjeve henne til sveip. 16 Men
dersom nokon vil vera trættekjær, so hev ikkje me den
sedvane, og ikkje Guds kyrkjelydar heller. 17 Men når
eg fyreskriv dette, rosar eg ikkje at de kjem saman,
ikkje til det betre, men til det verre. 18 For fyrst so
høyrer eg, at når de kjem saman i kyrkjelyden, so er
der usamnad hjå dykk, og eg trur det for ein deil. 19
For det lyt vera serflokkar hjå dykk, so dei velrøynde
kann verta openberre millom dykk. 20 Når de so kjem
saman, vert det ikkje Herrens nattverd det et. 21 For
når de et, so tek kvar fyrst sin eigen mat, og den eine
hungrar, men den andre fyller seg. 22 Hev de ikkje hus
til å eta og drikka i? Eller vanvyrder de Guds kyrkja og
vanærar deim som ingen ting hev? Kva skal eg segja
dykk? Skal eg rosa dykk? I dette rosar eg dykk ikkje.
23 For eg hev fenge frå Herren det som eg og hev
yvergjeve dykk, at Herren Jesus, den natti han vart
sviken, tok han eit brød, 24 og takka og braut det og
sagde: «Dette er min likam som er for dykk. Gjer dette
til minne um meg!» 25 Like eins tok han og kalken etter
kveldverden og sagde: «Denne kalk er den nye pakt i
mitt blod. So ofte som de drikk av han, so gjer dette til
minne um meg!» 26 For so ofte som de et dette brødet
og drikk denne kalken, so forkynner de Herrens daude,
til dess han kjem. 27 Difor, den som et brødet og drikk
Herrens kalk uverdigt, han vert skuldig i Herrens likam
og blod. 28 Men kvart menneskje prøve seg sjølv, og
so ete han av brødet og drikke av kalken! 29 For den
som et og drikk, han et og drikk seg sjølv til dom, når
han ikkje gjer skil på Herrens likam. 30 Difor er det
mange veike og sjuke hjå dykk, og mange sovnar av.
31 Men dersom me dømde oss sjølve, vart me ikkje
dømde. 32 Men når me vert dømde, vert me refste av
Herren, so me ikkje skal verta fordømde saman med
verdi. 33 Difor, mine brør, når de kjem saman til å eta,
so skift med kvarandre! 34 Men dersom nokon hungrar,
so ete han heime, so de ikkje skal koma saman til
dom. Det andre skal eg fyreskriva når eg kjem.

**12** Men um dei åndelege gåvor vil eg ikkje at de
skal vera uvitande, brør! 2 De veit at då de
var heidningar, let de dykk draga til dei mållause
avgudarne, etter som de vart dregne. 3 Difor kunngjer
eg dykk, at ingen som talar i Guds Ande, segjer:
«Forbanna er Jesus, » og ingen kann segja: «Jesus
er Herre, » utan i den Heilage Ande. 4 Det er skil
på nådegåvor, men Anden er den same. 5 Og det er
skil på tenestor, men Herren er den same. 6 Og det
er skil på kraftige verknader, men Gud er den same,
som verkar alt i alle. 7 Men openberringi av Anden
fær kvar og ein til det som er gagnlegt. 8 For ein fær
visdoms tale ved Anden, men ein annan kunnskaps
tale ved den same Ande; 9 ein annan tru ved den
same Ande, ein annan nådegåvor til å lækja ved den
same Ande; 10 ein annan kraft til å gjera under, ein
annan profetgåva, ein annan gåva til å prøva ånder,
ein annan ymse tungor, ein annan tyding av tungor.
11 Men alt dette verkar ein og den same Ande, som
skifter ut til kvar for seg, etter som han vil. 12 For
liksom likamen er ein og hev mange lemer, men alle
lemerne på likamen er ein likam, endå dei er mange,
soleis er det og med Kristus. 13 For i ein Ande er me
alle døypte til å vera ein likam - anten me er jødar eller
grækarar eller trælar eller frie - og alle hev me fenge
drikka ein Ande. 14 For likamen er ikkje heller ein lem,
men mange. 15 Um foten vilde segja: «Då eg ikkje er
hand, so høyrer eg ikkje med til likamen, » so høyrer
han då like fullt med til likamen. 16 Og um øyra vilde
segja: «Då eg ikkje er auga, so høyrer eg ikkje med til
likamen, » so høyrer det då like fullt med til likamen.
17 Dersom heile likamen var auga, kvar vart det då av
høyrsla? Dersom det heile var høyrsla, kvar vart det
då av lukti? 18 Men no hev Gud sett lemerne, kvar ein
av dei på likamen, so som han vilde. 19 Men dersom
dei alle var ein lem, kvar vart det då av likamen? 20
Men no er det mange lemer, men ein likam. 21 Auga
kann ikkje segja til handi: «Eg treng ikkje til deg, »
eller hovudet til føterne: «Eg treng ikkje til dykk.» 22
Men tvert imot: dei lemerne på likamen som synest
vera veikast, dei er naudsynlege. 23 Og dei lemerne
på likamen som syntest oss mindre æra verde, deim
klæder me med større æra; og dei lemerne våre som
me blygjest ved, deim klæder me med større blygd. 24
Men dei lemerne våre som er oss til sømd, dei treng
ikkje til det. Men Gud hev sett likamen soleis saman,
at han gav det ringaste størst æra, 25 so det ikkje skal
vera tvidrag i likamen, men at lemerne skal hava same
umsut for kvarandre. 26 Og um ein lem lid, so lid alle
lemerne med, eller um ein lem vert heidra, so gled
alle lemerne seg med. 27 Men de er Kristi likam og
lemer, kvar etter sin lut. 28 Og Gud sette i kyrkja fyrst
nokre til apostlar, for det andre profetar, for det tridje
lærarar, so kraftige verk, so nådegåvor til å lækja, til

å hjelpa, til å styra, so ymse tungor. 29 Er vel alle
apostlar? Er alle profetar? Er alle lærarar? Gjer alle
kraftige verk? 30 Hev alle nådegåvor til lækja? Kann
alle tala med tungor? Kann alle tyda deim? 31 Men
streva etter dei største nådegåvor! Og eg skal visa
dykk ein endå betre veg.

**13** Um eg talar med menneskjetungor og
engletungor, men hev ikkje kjærleik, då er eg
ein ljomande malm eller ei klingande bjølla. 2 Og um
eg hev profetgåva og kjenner alle løyndomar og all
kunnskap, og um eg hev all tru, so at eg kann flytja
fjell, men hev ikkje kjærleik, då er eg ingen ting. 3
Og um eg gjev til føda for fatige alt det eg eig, og
um eg gjev min likam til å verta brend, men hev ikkje
kjærleik, då gagnar det meg ingen ting. 4 Kjærleiken
er langmodig, er velviljug; kjærleiken ovundast ikkje;
kjærleiken briskar seg ikkje, blæs seg ikkje upp; 5 han
gjer inkje usømelegt, søkjer ikkje sitt eige, illskast ikkje,
gøymer ikkje på det vonde; 6 han gled seg ikkje ved
urettferd, men gled seg ved sanning. 7 Alt lid han, alt
trur han, alt vonar han, alt toler han. 8 Kjærleiken fell
aldri burt; men anten det er profetgåvor, so skal dei få
ende, eller tungor, so skal dei tagna, eller kunnskap,
so skal han få ende. 9 For me skynar i stykkjevis og
talar profetisk i stykkjevis; 10 men når det fullkomne
kjem, då skal det som er i stykkjevis, få ende. 11 Då eg
var barn, tala eg som eit barn, tenkte eg som eit barn,
dømde eg som eit barn; men då eg vart mann, lagde
eg av det barnslege. 12 For no ser me i ein spegel, i ei
gåta, men då skal me sjå åsyn til åsyn; no kjenner eg i
stykkjevis, men då skal eg kjenna fullt ut, liksom eg og
fullt ut er kjend. 13 Men no vert dei verande desse tri:
Tru, von, kjærleik, og størst av deim er kjærleiken.

**14** Trå etter kjærleiken, stræva etter dei åndelege
gåvor, men mest etter å tala profetisk! 2 For den
som talar med tunga, talar ikkje for menneskje, men
for Gud; for ingen skynar det, men han talar løyndomar
i Anden. 3 Men den som talar profetisk, han talar for
menneskje til uppbyggjing og påminning og trøyst. 4
Den som talar med tunga, uppbyggjer seg sjølv; men
den som talar profetisk, uppbyggjer kyrkjelyden. 5
Endå vilde eg at de alle kunde tala med tungor, men
heller at de kunde tala profetisk; for den som talar
profetisk, er større enn den som talar med tungor,
utan so er at han uttyder det, so kyrkjelyden kann få
uppbyggjing av det. 6 Og no, brør, um eg kjem til
dykk og talar med tungor, kva kann eg då gagna dykk,
um eg ikkje talar til dykk anten med openberring eller
med kunnskap anten med profetord eller med læra? 7
Dersom dei livlause ting som gjev ljod, anten det er ei
fløyta eller ei harpa, ikkje gjer skilnad på tonar, korleis
kann ein då skyna det som vert spela på fløyta eller
på harpa? 8 Og um ein stridslur gjev uklår ljod, kven
lagar seg då til strid? 9 Soleis og med dykk: um de
med tunga ikkje talar tydelege ord, korleis kann ein då
skyna det som vert tala? De talar då burt i veret. 10 So
mange slag mål er der no visst i verdi, og ikkje noko
av deim er utan meining. 11 Um eg då ikkje kjenner
meiningi i målet, vert eg ein framand for den talande,
og den talande ein framand for meg. 12 Soleis og med
dykk: når de strevar etter dei åndelege gåvor, so søk å
få deim i rikt mål til uppbyggjing for kyrkjelyden. 13
Difor skal den som talar med tunga, beda um at han
må kunna tyda det! 14 For um eg bed med tunga, so
bed mi ånd; men mitt vit er utan frukt. 15 Korleis er
det då? Eg vil beda med åndi, men eg vil og beda
med vitet; eg vil lovsyngja med åndi, men eg vil og
lovsyngja med vitet. 16 For dersom du lovar Gud med
åndi, kor kann då nokon millom dei ukunnige segja
amen til di takkebøn? Han veit ikkje kva du segjer. 17
For du held vel ei fager takkebøn, men den andre vert
ikkje uppbygd. 18 Eg takkar Gud: eg talar meir med
tunga enn de alle; 19 men i ein kyrkjelyd vil eg heller
tala fem ord med vitet mitt, so eg kann læra andre, enn
ti tusund ord med tunga. 20 Brør, ver ikkje born i vit!
ver derimot born i vondskap; men ver fullvaksne i vit!
21 Det stend skrive i lovi: «Ved folk som hev framand
tunga, og ved framande lippor vil eg tala til dette folket,
og endå skal dei ikkje høyra på meg, segjer Herren.»
22 So er då tungorne til eit teikn, ikkje for deim som
trur, men for dei vantruande; men profettalen er ikkje
for dei vantruande, men for deim som trur. 23 Um
då heile kyrkjelyden kjem saman, og alle talar med
tungor, men det kjem inn ukunnige eller vantruande,
vil dei ikkje då segja at de er frå vitet? 24 Men um
alle talar profetisk, og det kjem inn ein vantruande
eller ukunnig, so vert han refst av alle, dømd av alle,
25 det løynde i hans hjarta vert openberra, og so vil
han falla på sitt andlit og tilbeda Gud og vitna at Gud
er sanneleg millom dykk. 26 Korleis er det då, brør?
Når de kjem saman, hev kvar av dykk ein salme, ein
lærdom, ei openberring, ei tunga, ei tyding; lat alt vera
til uppbyggjing! 27 Talar nokon med tunga, so lat det
vera tvo eller i det høgste tri kvar gong, og ein i senn,
og ein må tyda det! 28 Men er det ingen som kann
tyda, so tegje han i kyrkjelyden, men for seg sjølv og
for Gud tale han! 29 Men av profetar tale tvo eller
tri; men dei andre må døma um det! 30 Men um ein
annan fær ei openberring medan han sit der, so skal
den fyrste tegja. 31 For de kann alle tala profetisk,
ein i senn, so alle kann få lærdom, alle få påminning.
32 Og profetånder er profetar lyduge. 33 For Gud er
ikkje ustyrs Gud, men freds Gud. 34 Liksom i alle

kyrkjelydarne hjå dei heilage, so skal kvinnorne dykkar
tegja i kyrkjesamlingarne; for dei hev ikkje lov til å tala,
men må vera undergjevne, so som og lovi segjer. 35
Men vil dei læra noko, so lyt dei spyrja sine eigne
menner heime; for det er usømelegt for ei kvinna å
tala i kyrkjesamling. 36 Eller er Guds ord utgjenge frå
dykk? Eller er det kome berre til dykk? 37 Trur nokon
at han er profet eller åndeleg, so må han skyna at det
eg skriv til dykk, er Herrens bod. 38 Men um nokon
ikkje skynar det, so fær han lata det uskyna. 39 Difor,
brør, stræva etter å kunna tala profetisk, og hindra
ingen i å tala i tungor! 40 Men lat alt ganga sømeleg
og skipeleg til!

**15** Eg kunngjer dykk, brør, det evangelium som eg
forkynte dykk, som de og tok imot, som de og
stend faste i, 2 som de og vert frelste ved, dersom de
held fast ved det ordet som eg forkynte dykk det med,
so framt de ikkje til unyttes hev teke ved trui. 3 For eg
yvergav dykk millom dei fyrste ting det som eg sjølv
tok imot, at Kristus døydde for synderne våre etter
skrifterne, 4 og at han vart gravlagd, og at han stod
upp att tridje dagen etter skrifterne, 5 og at han vart
sedd av Kefas, og so av dei tolv; 6 so vart han sedd
av meir enn fem hundrad brør på ein gong - av deim
er dei fleste endå i live, men nokre er avsovna. 7 So
vart han sedd av Jakob, so av alle apostlarne. 8 Men
aller sist vart han og sedd av meg som av det ufullbore
foster. 9 For eg er den ringaste av apostlarne, og er
ikkje verdig til å heita apostel, av di eg forfylgde Guds
kyrkja. 10 Men av Guds nåde er eg det som eg er, og
hans nåde mot meg hev ikkje vore til fåfengs; men
meir enn dei alle hev eg verka, då ikkje eg, men Guds
nåde som er med meg. 11 Anten det då er eg eller
dei andre, soleis forkynner me, og soleis kom de til
trui. 12 Men når det er forkynt um Kristus at han er
uppstaden frå dei daude, kor kann då sume millom
dykk segja at det er ingi uppstoda av daude? 13 Men
er det ingi uppstode av daude, so er ikkje Kristus heller
uppstaden. 14 Men er ikkje Kristus uppstaden, so er
vår forkynning fåfengd, so er og dykkar tru fåfengd. 15
Me vert då og funne som falske vitne um Gud, då me
hev vitna imot Gud, at han hev vekt upp Kristus, som
han då ikkje hev vekt upp, det vil segja, so framt dei
daude ikkje stend upp. 16 For stend ikkje dei daude
upp, so er ikkje Kristus heller uppstaden. 17 Men er
ikkje Kristus uppstaden, so er trui dykkar gagnlaus;
so er de endå i synderne dykkar; 18 so er og dei
fortapte som er avsovna i Kristus. 19 Hev me berre i
dette liv sett von til Kristus, so er me ynkelegare enn
alle menneskje. 20 Men no er Kristus uppstaden frå
dei daude og hev vorte fyrstegrøda av deim som er
avsovna. 21 For av di dauden kom ved eit menneskje,
so er og uppstoda av daude komi ved eit menneskje.
22 For liksom alle døyr i Adam, so skal og alle verta
livandegjorde i Kristus. 23 Men kvar i sin stad: Kristus
er fyrstegrøda, so skal dei som høyrer Kristus til, verta
livandegjorde i hans koma. 24 So kjem enden, når han
gjev riket til Gud og Faderen, når han fær gjort magt og
all yverråd og alt velde til inkjes. 25 For han skal vera
konge, til dess han fær lagt alle sine fiendar under sine
føter. 26 Den siste fienden som vert tynt, er dauden; 27
for han hev lagt alle ting under hans føter. Men når han
segjer at alt er honom underlagt, so er det klårt at han
som hev lagt alt under honom, er undanteken. 28 Men
når alt er honom underlagt, so skal og Sonen sjølv
gjeva seg under honom som hev lagt alt under honom,
so Gud skal vera alt i alle. 29 Kva gjer då dei som let
seg døypa for dei daude? Dersom dei daude i det heile
ikkje stend upp, kvi let dei seg då døypa for deim? 30
Kvi set og me oss i fåre kvar time? 31 Eg døyr kvar
dag, so visst som eg kann rosa meg av dykk, brør, i
Kristus Jesus, vår Herre. 32 Var det på menneskjeleg
vis eg stridde med villdyr i Efesus, kva gagna det meg
då? Dersom dei daude ikkje stend upp, «so lat oss eta
og drikka, for i morgon døyr me!» 33 Far ikkje vilt! Låkt
samlag spiller gode seder. 34 Vakna retteleg upp og
synda ikkje! for sume hev ikkje kunnskap um Gud; til
dykkar skam segjer eg det. 35 Men ein kunde segja:
«Korleis stend dei daude upp? og kva slag likam kjem
dei fram med?» 36 Du uvituge! det som du sår, vert
ikkje livandegjort, utan det døyr. 37 Og når du sår, sår
du ikkje den likamen som skal koma, men eit nake
korn, anten det er av kveite eller av anna såkorn. 38
Men Gud gjev det ein likam so som han hev vilja, og
kvart slag sæde sin eigen likam. 39 Ikkje alt kjøt er
det same kjøt; men eitt er kjøt i menneskje, eit anna
kjøt i fe, eit anna i fugl, eit anna i fisk. 40 Og det
finst himmelske likamar og jordiske likamar; men ein
herlegdom hev dei himmelske, ein annan dei jordiske.
41 Ein glans hev soli, og ein annan månen, og ein
annan stjernorne; for den eine stjerna skil seg frå den
andre i glans. 42 Soleis er det og med uppstoda av
dei daude. Det vert sått i forgjengelegdom, det stend
upp i uforgjengelegdom. 43 Det vert sått i vanæra, det
stend upp i herlegdom; det vert sått i vanmagt, det
stend upp i kraft. 44 Det vert sått ein naturleg likam,
det stend upp ein åndeleg likam. So visst som det finst
ein naturleg likam, so finst det og ein åndeleg likam.
45 Soleis stend det og skrive: «Det fyrste menneskje
Adam vart til ei livande sjæl; » den siste Adam hev
vorte til ei livgjevande Ande. 46 Men det åndelege er
ikkje det fyrste, men det naturlege, so det åndelege.
47 Det fyrste menneskje var frå jordi, jordisk; det andre
menneskje er frå himmelen. 48 Slik som den jordiske

var, so er og dei jordiske, og slik som den himmelske
er, so skal og dei himmelske vera. 49 Og liksom me
hev bore bilætet av den jordiske, so skal me og bera
bilætet av den himmelske. 50 Men det segjer eg,
brør, at kjøt og blod kann ikkje erva Guds rike, ikkje
heller erver forgjengelegdom uforgjengelegdom. 51
Sjå, eg segjer dykk ein løyndom: Me skal ikkje alle
sovna av, men me skal alle verta umskapa, 52 i hast,
i ein augneblink, ved den siste luren; for luren skal
ljoda, og dei daude skal standa upp uforgjengelege, og
me skal verta umskapa. 53 For dette forgjengelege
må verta iklædt uforgjengelegdom, og dette døyelege
iklædt udøyelegdom. 54 Men når dette forgjengelege
er iklædt uforgjengelegdom, og dette døyelege er
iklædt udøyelegdom, då vert det ordet uppfyllt som
stend skrive: «Dauden er gløypt til siger.» 55 «Daude,
kvar er din brodd? Daude, kvar er din siger?» (Hadēs
g86) 56 Men brodden i dauden er syndi; men krafti i
syndi er lovi. 57 Men Gud vere takk, som gjev oss siger
ved vår Herre Jesus Kristus! 58 Difor, mine kjære brør,
ver faste og uruggelege, alltid rike i Herrens gjerning,
då de veit at dykkar arbeid er ikkje fåfengt i Herren!

**16** Men med samanskotet til dei heilage, so gjer de
og soleis som eg hev skipa det for kyrkjelydarne
i Galatia! 2 På den fyrste dagen i vika leggje kvar av
dykk til sida hjå seg sjølv det han måtte få lukka til, so
samanskotet ikkje skal verta gjort fyrst då når eg kjem.
3 Men når eg kjem, skal eg senda deim som de vil
velja til det, med brev til å føra kjærleiksgåva dykkar
til Jerusalem. 4 Men er det verdt at eg og reiser, so
kann dei reisa saman med meg. 5 Eg kjem til dykk når
eg hev fare gjenom Makedonia; for eg gjeng igjenom
Makedonia. 6 Men hjå dykk kann henda eg drygjer ei
tid eller endå vert vinteren yver, so de kann fylgja meg
dit som eg sidan reiser. 7 For eg vil ikkje få sjå dykk
no på vegen, for eg hev ei von um å få drygja ei tid hjå
dykk um Herren gjev lov til det. 8 Men eg drygjer i
Efesus til kvitsunnhelgi. 9 For ei stor og verksam dør
er upplati for meg, og der er mange motstandarar. 10
Når Timoteus kjem, so sjå til at han kann vera hjå dykk
utan otte! for han gjer Herrens gjerning liksom eg. 11
Difor må ingen vanvyrda honom. Og fylg honom på
vegen i fred, at han kann koma til meg; for eg ventar
honom med brørne. 12 Vedkomande broren Apollos,
so bad eg honom mykje at han måtte fara til dykk med
brørne; han var slett ikkje viljug til å koma no, men
han vil koma når han fær tid. 13 Vak, statt faste i trui,
ver mannelege, ver sterke! 14 Lat alt hjå dykk ganga
fyre seg i kjærleik! 15 Eg legg dykk på hjarta, brør:
de kjenner huset til Stefanas, at dei er fyrstegrøda av
Akaia, og at dei hev rådt seg til å tena dei heilage - 16
so vis de og vyrdnad mot deim, og like eins mot kvar
den som hjelper til og gjer seg umak! 17 Eg gled meg
yver at Stefanas, Fortunatus og Akaikus er her; for
saknaden av dykk hev dei avhjelpt. 18 For dei hev
kveikt upp mi og dykkar ånd. Skyna difor på slike! 19
Kyrkjelydarne i Asia helsar dykk. Akvilas og Priska
helsar dykk mykje i Herren saman med kyrkjelyden i
deira hus. 20 Alle brørne helsar dykk. Helsa kvarandre
med ein heilag kyss! 21 Helsing med mi, Paulus', hand:
22 Um nokon ikkje elskar Herren, han vere bannstøytt!
Maran ata. 23 Herren Jesu nåde vere med dykk! 24
Min kjærleik er med dykk alle i Kristus Jesus.

# 2 Korintierne

**1** Paulus, Jesu Kristi apostel ved Guds vilje, og
broderen Timoteus til Guds kyrkjelyd som er i
Korint, med alle dei heilage i heile Akaia: **2** Nåde vere
med dykk og fred frå Gud, vår Fader, og Herren Jesus
Kristus! **3** Lova vere Gud og vår Herre Jesu Kristi
Fader, miskunns Fader og all trøystings Gud, **4** han
som trøystar oss i all vår trengsla, so me kann trøysta
deim som er i allslags trengsla, med den trøyst som
me sjølve vert trøysta med av Gud! **5** For liksom Kristi
lidingar kjem rikleg yver oss, so er og vår trøyst rikleg
ved Kristus. **6** Men um me lid trengsla, so er det til
dykkar trøyst og frelsa; vert me trøysta, so er det dykk
til ei trøyst som viser seg verksam i tolmod i dei same
lidingar som me lid; **7** og vår von um dykk er fast, av di
me veit at liksom de hev lut i lidingarne, so skal de og
hava lut i trøysti. **8** For me vil ikkje, brør, at de skal
vera uvitande um den trengsla som kom yver oss i
Asia, at me vart ovleg hardt nedtyngde, meir enn me
kunde bera, so at me jamvel mistvila um livet; **9** ja, me
hadde med oss sjølve gjort upp at me laut døy, so
me ikkje skulde lita på oss sjølve, men på Gud, som
vekkjer upp dei daude, **10** han som fria og friar oss
frå slik daude, som me vonar og vil fria oss heretter,
**11** med di de og kjem oss til hjelp med bøn, so det
frå mange munnar må koma rikleg takk for oss, for
den nåde som er oss gjeven. **12** For vår ros er dette:
Vitnemålet i vårt samvit um at me i Guds heilagdom og
reinleik, ikkje i kjøtleg visdom, men i Guds nåde hev
ferdast i verdi, og serleg hjå dykk. **13** For me skriv ikkje
anna til dykk enn det som de les eller skynar, og eg
vonar at de og skal skyna det til enden **14** - liksom de
og til deils hev skyna oss - at me er dykkar ros, liksom
de og er vår på Herren Jesu dag. **15** Og i denne tillit
rådde eg meg til å koma til dykk fyrst, so de kunde få
endå ein nåde, **16** og fara frå dykk til Makedonia, og
so koma frå Makedonia til dykk att og få fylgje av dykk
til Judæa. **17** Då eg no tok denne rådi, for eg då kann
henda fram med lauslynde, eller er det etter kjøtet eg
tek dei råder som eg tek, so det hjå meg skulde vera
både ja, ja og nei, nei? **18** So visst som Gud er trufast,
so er vårt ord til dykk ikkje ja og nei. **19** For Guds Son,
Kristus Jesus, som vart forkynt hjå dykk ved oss, ved
meg og Silvanus og Timoteus, han var ikkje ja og nei,
men ja hev det vorte i honom. **20** For so mange som
Guds lovnader er, so hev dei i honom sitt ja og fær og
i honom sitt amen, Gud til æra ved oss. **21** Men den
som held oss faste saman med dykk i Kristus og salva
oss, det er Gud, **22** han som sette sitt innsigle på oss
og gav Anden til pant i våre hjarto. **23** Men eg kallar
Gud til vitne for mi sjæl, at det var for di eg vilde spara
dykk at eg ikkje endå er komen til Korint; **24** ikkje at
me er herrar yver dykkar tru, men me er medverkande
til dykkar gleda; for de stend i trui.

**2** Men eg sette meg fyre for mi eigi skuld, at eg ikkje
atter vilde koma til dykk med sorg. **2** For um eg gjer
dykk sorg, kven er det då som gjer meg glad, utan den
som eg gjer sorg? **3** Og eg skreiv til dykk just difor, at
eg ikkje, når eg kom, skulde få sorg av deim som eg
skulde hava gleda av, då eg hev den tiltru til dykk alle,
at mi gleda er gleda for dykk alle. **4** For i myki trengsla
og hjartans tyngsla skreiv eg dykk til med mange tåror,
ikkje for di at de skulde få sorg, men at de skulde
kjenna den kjærleiken som eg serleg hev til dykk. **5**
Men um nokon hev gjort sorg, so er det ikkje meg han
hev gjort sorg, men til deils - at eg ikkje skal vera for
hard - dykk alle. **6** Det er nok for honom med den
refsingi han hev fenge av dei fleste, **7** so at de heller
må tilgjeva og trøysta honom, so han ikkje skal ganga
under i endå tyngre sorg. **8** Difor bed eg dykk at de må
lata kjærleik råda mot honom. **9** For difor var det og eg
skreiv, at eg skulde få vita um de held prøva, um de er
lyduge i alt. **10** Men den som de tilgjev, honom tilgjev
eg og. For det eg hev tilgjeve - um eg hev havt noko å
tilgjeva - det hev eg gjort for dykkar skuld, for Kristi
åsyn, **11** so me ikkje skal verta dåra av Satan; for me
er ikkje uvitande um hans råder. **12** Då eg kom til Troas
for Kristi evangelium skuld, og ei dør var opna for meg
i Herren, **13** hadde eg ikkje ro i mi ånd, av di eg ikkje
fann Titus, bror min, men eg skildest frå deim og for til
Makedonia. **14** Men Gud vere takk, som alltid fører
oss fram på sigerferd i Kristus og ved oss openberrar
angen av kunnskapen um honom på kvar stad! **15** For
me er Kristi huglege ange for Gud millom deim som
vert frelste, og millom deim som vert fortapte, **16** for
desse ein ange av daude til daude, for hine ein ange
av liv til liv. Og kven er vel dugleg til dette? **17** For me
er ikkje slike som dei mange, at me falskar Guds ord til
eigi vinning, men som i reinleik, ja, som av Gud talar
me for Guds åsyn i Kristus.

**3** Byrjar me å gjeva oss sjølve lovord att? eller treng
me då, liksom sume folk, til å hava lovords brev til
dykk eller frå dykk? **2** De er vårt brev, innskrive i våre
hjarto, kjent og lese av alle menneskje, **3** med di det er
kunnigt at de er Kristi brev, tilkome ved vår tenesta,
innskrive ikkje med blekk, men med den livande Guds
Ande, ikkje på steintavlor, men på hjartans kjøttavlor. **4**
Men ei slik tiltru hev me til Gud ved Kristus, **5** ikkje
at me av oss sjølve duger til å tenkja ut noko som
av oss sjølve, men dugleiken vår er av Gud, **6** han
som og gjorde oss duglege til å vera tenarar for ei ny
pakt, ikkje for bokstav, men for ande; for bokstaven

slær i hel, men Anden gjer livande. 7 Når då daudens
tenesta, som var innhoggi med bokstavar på steinar,
kom med herlegdom, so Israels-borni ikkje greidde å
sjå på Mose åsyn på grunn av herlegdomen i hans
åsyn, endå det var ein som kvarv burt, 8 kor skal ikkje
då Andens tenesta endå meir vera i herlegdom! 9
For er fordømings-tenesta herlegdom, so er rettferds-
tenesta endå mykje meir rik på herlegdom. 10 For
endå det herlege er i dette stykke ikkje herlegt mot den
ovrike herlegdomen. 11 For når det burtkvervande var i
herlegdom, so skal det vedvarande so mykje meir vera
i herlegdom. 12 Sidan me då hev slik ei von, so gjeng
me fram med stort frimod 13 og gjer ikkje som Moses,
som lagde eit sveip yver si åsyn, so Israels-borni ikkje
skulde skoda enden av det som kvarv burt. 14 Men
deira hug vart forherd; for like til denne dag ligg det
same sveipet der når dei les den gamle pakti, og det
vert ikkje openberra at ho vert avlyst i Kristus. 15 Men
til denne dag ligg det eit sveip yver hjarta deira når
Moses vert lesen. 16 Men når det vender um til Herren,
då vert sveipet burtteke. 17 Men Herren er Anden;
men der Herrens Ande er, der er fridom. 18 Men me
som med usveipt åsyn ser Herrens herlegdom som i
ein spegel, me vert alle umlaga til det same bilæte frå
herlegdom til herlegdom, liksom av Herrens Ande.

**4** Difor, då me hev denne tenesta, etter som me hev
fenge miskunn, so misser me ikkje modet, 2 men
me hev avsagt dei skamlege løynvegar og gjeng ikkje
fram med svikråd eller forfalskar Guds ord, men ved å
kunngjera sanningi steller me oss fram for alle manns
samvit for Guds åsyn. 3 Er då enn vårt evangelium
dult, so er det dult millom deim som vert fortapte, 4 dei
som guden til denne verdi hev blinda den vantruande
hugen på, so ljoset frå evangeliet um Kristi herlegdom,
han som er Guds bilæte, ikkje skal skina for deim.
(aiōn g165) 5 For ikkje oss sjølve forkynnar me, men
Kristus Jesus som Herre, men oss sjølve som dykkar
tenarar for Jesu skuld. 6 For Gud, som sagde at ljos
skulde skina fram or myrkret, han er den som og
let det skina i våre hjarto, so kunnskapen um Guds
herlegdom i Jesu Kristi åsyn skulde lysa fram frå oss.
7 Men me hev denne skatten i leirkjerald, so den rike
krafti skal vera av Gud og ikkje av oss, 8 med di me
stødt er i trengsla, men ikkje i stengsla, tvilande, men
ikkje mistvilande, 9 forfylgde, men ikkje uppgjevne,
nedslegne, men ikkje tynte, 10 alltid berande Jesu
daude med oss i likamen, at og Jesu liv må verta
openberra i vår likam; 11 for endå medan me liver, vert
me alltid yvergjevne til dauden for Jesu skuld, at og
Jesu liv må verta openberra i vårt døyelege kjøt. 12
Soleis er då dauden verksam i oss, men livet i dykk.
13 Men då me hev den same Ande med trui - etter det
som stend skrive: «Eg trudde, difor tala eg» - so trur
me og, difor talar me og, 14 då me veit, at han som
vekte upp Herren Jesus, skal og vekkja oss upp med
Jesus og stella oss fram med dykk. 15 For det hender
alt for dykkar skuld, so nåden kann vinna so mange
fleire og verka rikleg takk til Guds æra. 16 Difor misser
me ikkje modet, men um og vårt ytre menneskje gjeng
til grunns, so vert då det indre uppnya dag etter dag.
17 For vår kortvarande og lette trengsla verkar for oss
ei æveleg nøgd av herlegdom i yvermål på yvermål,
(aiōnios g166) 18 med di me ikkje fester oss ved det
synlege, men ved det usynlege; for det synlege er
timelegt, men det usynlege ævelegt. (aiōnios g166)

**5** For me veit, at um vår likams jordiske hus vert
nedrive, so hev me ein bygnad av Gud, eit hus som
ikkje er gjort med hender, ævelegt i himmelen. (aiōnios
g166) 2 For ogso medan me er i dette huset, sukkar
me, av di me stundar etter å verta yverklædde med
vårt hus frå himmelen, 3 so sant me skal verta funne
påklædde, ikkje nakne. 4 For me som er i denne hytta,
sukkar under byrdi, av di me ikkje vil verta avklædde,
men yverklædde, so det døyelege kann verta gløypt
av livet. 5 Men den som laga oss just til dette, er Gud,
som og gav oss Anden til pant. 6 Difor er me alltid
frimodige, og veit, at so lenge me er heime i likamen,
er me burte frå Herren; 7 for me ferdast i tru, men ikkje
i syn. 8 Me er då frimodige og hyggjer oss meir til å
koma burt frå likamen og koma heim til Herren. 9 Difor,
anten me er heime eller burte, set me vår æra i å vera
honom til hugnad. 10 For me skal alle verta openberra
for Kristi domstol, so kvar kann få att det som er verka
ved likamen, etter det han hev gjort, anten godt eller
vondt. 11 Då me soleis kjenner otten for Herren, prøver
me å vinna menneskje, men for Gud er me openberre;
eg vonar og å vera openberr for dykkar samvit. 12
Ikkje rosar me oss sjølve atter for dykk, men me gjev
dykk høve til å rosa dykk av oss, so de kann hava
noko å setja imot deim som rosar seg av det dei er i
det ytre og ikkje i hjarta. 13 For um me er frå vitet, so
er det for Gud, og um me er med sans og samling, so
er det for dykk. 14 For Kristi kjærleik tvingar oss, 15 då
me hev gjort upp med oss sjølve at ein døydde for alle,
difor hev dei alle døytt. Og han døydde for alle, so dei
som liver, ikkje lenger skal liva for seg sjølve, men for
honom som døydde og stod upp att for deim. 16 Difor
kjenner me heretter ikkje nokon etter kjøtet; um me og
hev kjent Kristus etter kjøtet, so kjenner me honom no
ikkje lenger soleis. 17 Difor, um nokon er i Kristus, so
er han ein ny skapning; det gamle hev forgjengest,
sjå, alt hev vorte nytt! 18 Men alt dette er av Gud,
som forlikte oss med seg sjølv ved Kristus og gav oss
forlikstenesta. 19 For i Kristus forlikte Gud verdi med

seg sjølv, so han ikkje tilreknar deim misgjerningarne
deira, og hev lagt forliksordet ned i oss. 20 So er me
då sendebod i staden for Kristus, liksom Gud sjølv gav
fyreteljing gjenom oss. Me bed i staden for Kristus:
Lat dykk forlika med Gud! 21 Den som ikkje visste av
synd, hev han gjort til synd for oss, so me skal verta
rettferdige for Gud i honom.

6 Men som medarbeidarar legg me dykk og på hjarta,
at de ikkje til unyttes må taka imot Guds nåde. 2 For
han segjer: «I den tid som meg tektest, bønhøyrde eg
deg, og på frelse-dagen hjelpte eg deg.» Sjå, no er det
tid som tekkjest vel, sjå, no er det frelse-dagen! 3 Og
me gjev ikkje meinstøyt i nokon ting, so ikkje tenesta
skal verta lasta, 4 men i alt viser me oss som Guds
tenarar: ved stort tolmod, i trengslor, i naud, i hugverk,
5 under slag, i fengsel, i upprør, i træling, i vaking, i
fasta, 6 ved reinleik, ved skynsemd, ved langmod,
ved godleik, ved den Heilage Ande, ved uskrymta
kjærleik, 7 med sannings ord, med Guds kraft, med
rettferds våpn på høgre og vinstre sida; 8 i æra og
vanæra, med lastord og lovord, som villførande og
endå sannferdige, 9 som ukjende og endå velkjende,
som døyande, og sjå, me liver! som dei som vert
refste, men ikkje ihelslegne, 10 som syrgjande, men
alltid glade, som fatige, men som endå gjer mange
rike, som inkje havande og endå eigande alt. 11 Vår
munn er upplaten mot dykk, korintarar, vårt hjarta hev
vidga seg ut. 12 De hev ikkje trongt rom hjå oss, men
det er trongt i dykkar hjarto. 13 Men til likt vederlag -
eg talar som til born -: vidga de og ut dykkar hjarto!
14 Gakk ikkje i framandt ok med vantruande! For kva
samlag hev rettferd med urett? eller kva samfund hev
ljos med myrker? 15 Og kva samklang er det millom
Kristus og Belial? eller kva lut hev ein truande med ein
vantruande? 16 Og kva semja hev Guds tempel med
avgudar? For me er den livande Guds tempel, som
Gud sagde: «Eg vil bu og ferdast millom deim, og eg vil
vera deira Gud, og dei skal vera mitt folk.» 17 «Difor,
gakk ut frå deim, og skil dykk frå deim, segjer Herren,
og rør ikkje ved ureint, so skal eg taka imot dykk, 18
og eg skal vera dykk ein fader, og de skal vera meg
søner og døtter, segjer Herren, den allmegtige.»

7 Sidan me då hev desse lovnaderne, mine kjære, so
lat oss reinsa oss frå all ureinskap på kjøt og ånd
og fullføra vår helging i Guds age! 2 Gjev oss rom!
Ingen hev me gjort urett, ingen hev me skadt, ingen
hev me gjenge for nær. 3 Ikkje til fordøming for dykk
segjer eg dette; for eg hev sagt det fyrr, at de er i våre
hjarto til å døy med oss og liva med oss. 4 Stor er mi
tiltru til dykk, stor er mi ros yver dykk, eg er fyllt med
trøyst, eg er ovrik på gleda i all vår trengsla. 5 For då
me kom til Makedonia, hadde vårt kjøt ikkje heller ro,
men me vart trengde på alle måtar; utantil var strid,
innantil otte. 6 Men Gud, som trøystar det nedtrykte,
han trøysta oss ved Titus' koma, 7 men ikkje berre ved
koma hans, men og ved den trøyst han var trøysta
med yver dykk, med di han fortalde oss um dykkar
lengting, dykkar gråt, dykkar ihuge for meg, so eg vart
endå meir glad. 8 For um eg og i brevet gjorde dykk
sorg, so angrar eg det ikkje, um eg og fyrr angra det;
for eg ser at det brevet gjorde dykk sorg, um og berre
ei stund. 9 No gled eg meg, ikkje for di de fekk sorg,
men for di de fekk sorg til umvending; for de fekk sorg
etter Gud, so de på ingen måte skulde hava skade av
oss. 10 For sorgi etter Gud verkar umvending til frelsa,
som ingen angrar; men sorgi til verdi verkar daude. 11
For sjå, dette same at de fekk sorg etter Gud, kor stor
ihuge verka ikkje det hjå dykk, ja forsvar, ja harm, ja
otte, ja lengting, ja brennhug, ja refsing! I alt viste de at
de var reine i denne saki. 12 Um eg då og skreiv til
dykk, so var det ikkje for hans skuld som gjorde urett,
eller for hans skuld som leid urett, men for di at dykkar
umhug for oss skulde verta openberra hjå dykk for
Guds åsyn. 13 Difor er me trøysta. Og attåt vår trøyst
kom den langt større gleda yver Titus' gleda; for hans
ånd er uppkveikt av dykk alle. 14 For um eg til honom
hev uttala meg med ros yver dykk, hev eg ikkje vorte
til skammar; men liksom me hev tala alt til dykk med
sanning, so hev og vår ros til Titus vorte sanning. 15
Og hans kjærleik til dykk er endå sterkare, når han
minnest lydnaden hjå dykk alle, korleis de tok imot
honom med age og otte. 16 Eg gled meg yver at eg i
alt kann lita på dykk.

8 Me kunngjer dykk, brør, den Guds nåde som er
gjeven i kyrkjelydarne i Makedonia, 2 at endå dei
var hardt røynde med trengsla, so hev deira rike gleda
og deira djupe fatigdom i yverfullt mål verka hjå deim
ein rikdom på ærleg kjærleik. 3 For dei var viljuge etter
si råd, det vitnar eg, ja yver si råd, av eigen hug, 4 so
dei inderleg bad oss um lov til å få vera med i hjelpi til
dei heilage; 5 og dei gav ikkje berre soleis som me
vona, men seg sjølve gav dei fyrst til Herren og so til
oss ved Guds vilje, 6 so at me bad Titus, at liksom han
fyrr hadde byrja, so skulde han og fullenda hjå dykk
ogso dette kjærleiksverket. 7 Men liksom de er rike i
alle måtar, på tru og tale og kunnskap og all umhug
og på kjærleik som de hev vekt hjå oss, so vert no
og rike i dette kjærleiksverket! 8 Ikkje som eit påbod
segjer eg dette, men ved ihugen hjå dei andre vil eg
og røyna sanningi av dykkar kjærleik. 9 For de kjenner
vår Herre Jesu Kristi nåde, at han for dykkar skuld vart
fatig, då han var rik, so de ved hans fatigdom skulde
verta rike. 10 Og eg segjer mi meining um dette; for

det er til gagn for dykk, som fyreåt, alt frå i fjor, byrja
ikkje berre å verka, men og å vilja. 11 Men fullfør no
og verket, so liksom hugen var til å vilja, soleis og
fullføringi kann verta etter utkoma. 12 For er hugen
der, so er han vellika etter det som han hev, ikkje etter
det som han ikkje hev. 13 For det er ikkje for di at det
skal vera lette for andre og trengsla for dykk, men
at det skal vera jamnad: 14 dykkar yvermål vert til
hjelp for deira trong i den noverande tid, at og deira
yvermål kann verta til hjelp for dykkar trong, so det
vert jamnad, 15 som de stend skrive: «Den som sanka
mykje, fekk ikkje yverfyllt, og den som sanka lite, leid
ingen skort.» 16 Men Gud vere takk, som inngav den
same umhug for dykk i Titus' hjarta! 17 for han tok
gjerne imot mi påminning, ja, han er endå so ihuga at
han fer sjølvminnt ut til dykk. 18 Og me sender og med
honom den broren som hev ros hjå alle kyrkjelydarne
for sitt arbeid i evangeliet, 19 ja, ikkje berre det, men
han er og av kyrkjelydarne utvald til vår fylgjesmann
med denne kjærleiksgåva, som er framkomi ved vår
tenesta, til å fremja Herrens eigi æra og vårt framtak,
20 då me vil vara oss for at nokon skal lasta oss for
noko som vedkjem denne rike gåva, som er framkomi
ved vår tenesta, 21 og me legg vinn på det som godt
er, ikkje berre for Herren, men og for menneskje. 22
Og me sender med deim vår bror, som me ofte på
mange måtar hev funne ihuga, men no mykje meir
ihuga ved si store tiltru til dykk. 23 Anten det då er tale
um Titus, so er han min lagsmann og medarbeidar
hjå dykk, eller um våre brør, so er dei sendemenner
frå kyrkjelydarne, Kristi æra. 24 Syn deim då sanningi
av dykkar kjærleik og av vår ros yver dykk, og det for
augo på kyrkjelydarne!

**9** For å skriva til dykk um hjelpi til dei heilage, det
treng eg ikkje, 2 for eg kjenner dykkar viljuge hug,
som eg rosar dykk for hjå makedonarane, med di eg
segjer: «Akaia var ferdigt alt frå i fjor; » og ihugen
dykkar tilskunda dei mange. 3 Men eg sender brørne,
so ikkje vår ros yver dykk skal verta til inkjes i dette
stykke, men at de, som eg sagde, skal vera ferdige, 4
so me - um eg ikkje skal segja de sjølve - ikkje skal
få skam av denne tiltru, um det kjem makedonarar
med meg og finn dykk uferdige. 5 Difor fann eg det
naudsynlegt å telja brørne til å ganga i fyrevegen til
dykk og fyreåt tilskipa gåva dykkar som fyrr var lova,
so at ho kann vera ferdig som ei velsigning og ikkje
som ei karg gåva. 6 Men det segjer eg: Den som
sparleg sår, skal og sparleg hausta; og den som sår
med velsigningar, skal og hausta med velsigningar. 7
Kvar gjeve som han set seg fyre i hjarta, ikkje med sut
eller av tvang! For Gud elskar ein glad gjevar. 8 Og
Gud er megtig til å gjeva dykk all nåde i rikt mål, so de i
alle ting alltid kann hava all nøgd og vera rike til all god
gjerning, 9 som skrive stend: «Han strøydde ut, han
gav dei fatige, hans rettferd vert verande i all æva.»
(aiōn g165) 10 Og han som gjev såmannen såkorn og
brød til å eta, han skal og gjeva dykk sæde og gjera det
rikelegt og gjeva vokster til frukterne av dykkar rettferd,
11 med di de i alt vert rike til all einfald kjærleik, som
ved oss verkar takk til Gud. 12 For tenesta med denne
hjelp utfyller ikkje berre det som vantar hjå dei heilage,
men ber og rik frukt med takk til Gud ifrå mange, 13
då dei ved det sannrøynde hjartelag som denne hjelp
syner, må prisa Gud for dykkar lydnad til å sanna Kristi
evangelium, og for den einfalde truskapen i samfundet
med deim og med alle, 14 med di dei og i bøn for dykk
lengtar etter dykk for den Guds nåde som er so ovrik
yver dykk. 15 Gud vere takk for si usegjelege gåva!

**10** Men eg, Paulus, legg dykk på hjarta ved Kristi
spaklynde og godlynde, eg som framfor augo på
dykk er audmjuk hjå dykk, men djerv mot dykk når
eg er fråverande; 2 men eg bed um, at eg ved mitt
nærvære må sleppa å vera djerv med det frimod som
eg tenkjer hugheilt å fara fram med imot sume, som
dømer oss som um me ferdast etter kjøtet. 3 For um
me ferdast i kjøtet, strider me då ikkje etter kjøtet. 4
For våre stridsvåpn er ikkje kjøtlege, men megtige for
Gud til å støyta ned festningar, 5 med di me støyter
ned tankebygningar og all høgd som reiser seg imot
kunnskapen um Gud, og tek all tanke til fange under
lydnaden mot Kristus 6 og er ferdige til å refsa all
ulydnad, når dykkar lydnad fyrst er fullkomen. 7 De ser
på det som ligg dykk for augo. Um nokon er viss med
seg sjølv at han høyrer Kristus til, han døme då atter
ifrå seg sjølv, at liksom han høyrer Kristus til, soleis me
og. 8 For um eg og vil rosa meg noko meir av vår
magt, som Herren gav oss til å uppbyggja dykk og
ikkje til å riva ned, so vilde eg ikkje verta til skammar,
9 so ikkje eg skal synast liksom å vilde skræma dykk
med brevi mine. 10 For brevi, segjer dei, er myndige
og djerve, men det likamlege nærværet er veikt, og
talen ikkje vyrd. 11 Den som segjer slikt, han tenkje
då, at slike som me fråverande er i ord i brevi, slike er
me og nærverande i gjerning. 12 For me vågar ikkje
å rekna oss til eller likna oss med sume som rosar
seg sjølve; men når desse mæler seg med seg sjølve
og liknar seg med seg sjølve, er dei fåvituge. 13 Men
me vil ikkje rosa oss til umåte, men etter målet av det
umkverve som Gud hev sett oss til mål: at me skulde
nå radt fram til dykk. 14 For me tøygjer oss ikkje utyver
vårt mål, som um me ikkje hadde nått fram til dykk - for
me er då komne fram til dykk med Kristi evangelium -
15 med di me ikkje rosar oss til umåte, av framandt
arbeid, men hev von um, at når dykkar tru veks, skal

me verta ovleg store hjå dykk etter vårt mål, **16** so me
kann forkynna evangeliet på hi sida åt dykk, og ikkje
i eit framandt umkverve rosa oss av det som alt er
fullført. **17** Men den som rosar seg, rose seg i Herren!
**18** For ikkje den som prisar seg sjølv, held prøva, men
den som Herren prisar.

**11** Gjev de vilde tola ein grand dårskap av meg!
Jau, de skal tola meg. **2** For eg er åbryen på
dykk med Guds åbryskap. For eg trulova dykk med ein
mann, so eg kunde framstella ei rein møy for Kristus.
**3** Men eg ottast for, at liksom ormen dåra Eva med si
svikråd, soleis skal og dykkar tankar verta skadde og
snudde burt frå den einfalde truskapen mot Kristus. **4**
For um det kjem ein og forkynner ein annan Jesus,
som me ikkje hev forkynt, eller de fær ein framand
ande, som de ikkje fyrr hev fenge, eller eit framandt
evangelium, som de ikkje fyrr hev motteke, so vil de
tola det godt! **5** For eg tenkjer at eg ikkje i nokon ting er
mindre mann enn dei ovstore apostlarne; **6** men um eg
enn er ulærd i talen, er eg det då ikkje i kunnskapen;
me hev tvert imot alltid synt dykk honom i alle stykke.
**7** Eller gjorde eg synd, då eg audmykte meg sjølv so
de kunde verta upphøgde, med di eg forkynte dykk
Guds evangelium for inkje? **8** Andre kyrkjelydar hev eg
skattlagt, med di eg tok løn til dykkar tenesta, og då
eg var hjå dykk og noko vanta meg, var eg ingen til
tyngsla; **9** for når eg vanta noko, hjelpte brørne som
kom frå Makedonia, og i alt vara eg meg for å falla dykk
til tyngsla. **10** So visst som Kristi sanning er i meg, so
skal denne ros ikkje takast frå meg i Akaia-bygderne!
**11** Kvifor då? av di eg ikkje elskar dykk? Det veit Gud!
**12** Men det eg gjer, det vil eg og gjera sidan, so eg
kann avskjera deim tilhøve, som søkjer tilhøve, so dei
må verta funne liksom me i det som dei rosar seg av.
**13** For desse er falske apostlar, svikfulle arbeidarar,
som skaper seg til liksom dei var Kristi apostlar. **14** Og
det er ikkje underlegt, for Satan sjølv skaper seg um til
ein ljosengel; **15** difor er det ikkje noko stort um hans
tenarar og skaper seg um til rettferds tenarar; men
deira ende skal høva til deira verk. **16** Atter segjer eg:
Ingen halde meg for å vera uvitug, men um de gjer
det, so tak då imot meg, um og som ein uvitug, so
eg og må kunna rosa meg ein grand! **17** Det eg her
talar, talar eg ikkje etter Herrens vilje, men liksom i
dårskap i denne tillitsame ros. **18** Sidan mange rosar
etter kjøtet, so vil eg og rosa meg. **19** For de toler
gjerne uvitingarne, de som er so kloke. **20** For de toler
det, um nokon gjer dykk til trælar, um nokon et dykk
upp, um nokon fangar dykk, um nokon upphøgjer seg
yver dykk, um nokon slær dykk i andlitet. **21** Med skam
segjer eg det, av di me hev vore veike; men det som
nokon er djerv i - eg talar i dårskap - det er eg og djerv
i. **22** Er dei hebræarar? eg og. Er dei israelitar? eg og.
Er dei Abrahams ætt? eg og. **23** Er dei Kristi tenarar? -
eg talar som ein galen mann -: eg er det endå meir. Eg
hev havt større stræv, fenge fleire slag, vore oftare
i fengsel, ofte i livsfåre. **24** Av jødarne hev eg fem
gonger fenge fyrti slag so nær som eitt. **25** Tri gonger
vart eg hudflengd, ein gong steina, tri gonger leid eg
skipbrot; eg hev vore eit døger i djupet. **26** Ofte var eg
på ferder, i fårar i elvar, i fårar millom røvarar, i fårar
millom landsmenner, i fårar millom heidningar, i fårar
i by, i fårar i øydemark, i fårar på hav, i fårar millom
falske brør, **27** i strev og møda, ofte i nattevoka, i svolt
og torste, ofte fastande, frosen og naken; **28** umfram
alt det andre hev eg endå det daglege tillaup, umsuti
for alle kyrkjelydarne. **29** Kven er veik utan at eg vert
veik? Kven vert avstygd utan at det brenn i meg? **30**
Um eg endeleg skal rosa meg, so vil eg rosa meg av
det som høyrer mi vanmagt til. **31** Gud og vår Herre
Jesu Kristi Fader, som er velsigna i all æva, han veit at
eg ikkje lyg! **(aiōn g165)** **32** I Damaskus let kong Aretas'
landshovding vakta damaskenarbyen, då han vilde
gripa meg; **33** og gjenom ein glugg i muren vart eg fira
ned i ei korg og slapp ut or hans hender.

**12** Eg lyt rosa meg, endå det ikkje er gagnlegt, men
eg kjem no til syner og openberringar av Herren.
**2** Eg kjenner eit menneskje i Kristus - um han var i
likamen, det veit eg ikkje, eller utanfor likamen, det veit
eg ikkje, Gud veit det - ein som for fjortan år sidan
vart rykt inn i den tridje himmelen. **3** Og eg kjenner
dette menneskjet, - um han var i likamen eller utanfor
likamen, det veit eg ikkje, Gud veit det - **4** han vart rykt
inn i Paradis og høyrde usegjelege ord, som det ikkje
er unnt eit menneskje å tala. **5** Av dette vil eg rosa
meg, men av meg sjølv vil eg ikkje rosa meg, utan av
mi vanmagt. **6** For um eg vil rosa meg, vert eg ikkje
uvitug, for sanning kjem eg til å segja; men eg let det
vera, so ingen skal tenkja større um meg, enn som
han ser meg eller høyrer av meg. **7** Og for at eg ikkje
skal ovmoda meg av dei høge openberringar, so er
det gjeve meg ein tagg i kjøtet, ein Satans engel, at
han skal slå meg, so eg ikkje skal ovmoda meg. **8**
Um denne bad eg Herren tri gonger, at han måtte vika
frå meg. **9** Og han sagde til meg: «Min nåde er nok
åt deg; for mi kraft vert fullenda i vanmagt.» Helst vil
eg difor rosa meg av mi vanmagt, so Kristi kraft kann
bu i meg. **10** Difor er eg vel til mods midt i vanmagt,
i valdsverk, i naud, i forfylgjing, i trengslor for Kristi
skuld. For når eg er vanmegtig, då er eg sterk. **11**
Eg hev vorte uvitug; de hev tvinga meg til det; for eg
skulde havt lovord av dykk; eg var ikkje i noko mindre
mann enn dei ovstore apostlar, endå eg er ingen ting.
**12** Ein apostels teikn vart gjorde hjå dykk i alt tolmod,

med teikn og under og kraftige verk. 13 For kva er det
som de vart haldne ringare i enn dei andre kyrkjelydar,
utan at eg sjølv ikkje var dykk til tyngsla? tilgjev meg
denne uretten! 14 Sjå, tridje gongen er eg buen til å
koma til dykk og skal ikkje vera dykk til tyngsla. For eg
søkjer ikkje dykkar gods, men dykk sjølve; for borni
skal ikkje sanka skattar til foreldri, men foreldri til borni.
15 Men eg vil gjerne ofra, ja, verta ofra for sjælerne
dykkar, um eg enn vert mindre elska di meir eg elskar
dykk. 16 Men lat so vera at eg ikkje var dykk til tyngsla,
men kann henda eg var svikfull og tok dykk med list?
17 Søkte eg vel vinning av dykk ved nokon av deim
som eg sende til dykk? 18 Eg talde Titus til og sende
med honom bror vår. Hev Titus søkt vinning av dykk?
For me ikkje fram i den same ånd? ikkje i dei same
fotfar? 19 Longe hev de tenkt at det er for dykk me
forsvarar oss. Nei, det er for Guds åsyn me talar i
Kristus. Men alt til dykkar uppbyggjing, mine kjære! 20
For eg ottast for, at når eg kjem, skal eg ikkje finna
dykk slike som eg vil, og at eg skal verta funnen av
dykk slik som de ikkje vil - at der skal vera kiv, ovund,
vreide, stridssykja, baktale, drøsor, ovmod, utstyr, 21
at når eg kjem, skal min Gud atter audmykja meg hjå
dykk, og eg skal syrgja yver mange av deim som fyrr
synda og ikkje hev umvendt seg frå den ureinskap og
lauslivnad og used som dei dreiv.

**13** Det er no tridje gongen eg kjem til dykk. Ved tvo
og tri vitnemål skal kvar sak standa fast. 2 Eg
hev sagt det fyreåt og segjer det fyreåt, liksom då eg
var nærverande andre gongen, soleis og no då eg er
fråverande, til deim som fyrr synda og til alle dei andre,
at når eg no kjem att, vil eg ikkje spara, 3 sidan de
krev eit prov på at Kristus talar i meg, han som ikkje er
vanmegtig hjå dykk, men er sterk imillom dykk. 4 For
um han og vart krossfest i vanmagt, so lever han i
Guds kraft; for me og er vanmegtige i honom, men me
skal liva med honom i Guds kraft hjå dykk. 5 Ransaka
dykk sjølve, um de er i trui! prøv dykk sjølve! eller
kjenner de ikkje dykk sjølve, at Jesus Kristus er i dykk,
utan so er at de ikkje held prøva? 6 Men eg vonar at
de skal kjenna, at me ikkje er dei som ikkje held prøva.
7 Men me bed til Gud, at de ikkje må gjera noko vondt,
ikkje for di at me skal visa oss å halda prøva, men at
de skal gjera det gode, men me vera som dei som ikkje
held prøva. 8 For me kann ikkje noko imot sanningi,
men berre for sanningi. 9 For me gled oss når me
er vanmegtige, men de sterke; men dette bed me og
um, at de må verta fullkomne. 10 Difor skriv eg dette
fråverande, so eg, når eg er nærverande, ikkje skal
trenga til å vera streng etter den magt som Herren hev
gjeve meg til uppbyggjing, ikkje til nedriving. 11 Elles,
brør, gled dykk, vert fullkomne, lat dykk påminna, ver
samlyndte, ver fredsame, so skal kjærleiks og freds
Gud vera med dykk. 12 Helsa kvarandre med ein
heilag kyss! 13 Alle dei heilage helsar dykk. 14 Herren
Jesu Kristi nåde og Guds kjærleik og den Heilage
Andens samfund vere med dykk alle!

# Galaterne

**1** Paulus, apostel, ikkje av menneskje og ikkje ved
noko menneskje, men ved Jesus Kristus og Gud
Fader, som vekte honom upp frå dei daude, **2** og alle
brørne som er hjå meg - til kyrkjelydarne i Galatia: **3**
Nåde vere med dykk og fred frå Gud Fader og vår
Herre Jesus Kristus, **4** som gav seg sjølv for våre
synder, so han kunde fria oss ut or den noverande
vonde verdi etter vår Gud og Faders vilje; **(aiōn g165)**
**5** honom vere æra i all æve! Amen. **(aiōn g165)** **6** Eg
undrast på at de so snøgt vender dykk frå honom som
kalla dykk ved Kristi nåde, til eit anna evangelium,
**7** endå det ikkje finst noko anna, det er berre sume
som forviller dykk og vil forvenda Kristi evangelium. **8**
Men um so me eller ein engel frå himmelen forkynner
dykk eit anna evangelium enn det som me hev forkynt
dykk, han vere bannstøytt! **9** Som me hev sagt fyrr,
so segjer eg no på nytt: Um nokon forkynner dykk eit
anna evangelium enn det som de tok imot, han vere
bannstøytt! **10** Talar eg no menneskje eller Gud til
viljes, eller søkjer eg å gjera menneskje til lags? Vilde
eg enno gjera menneskje til lags, var eg ikkje Kristi
tenar. **11** Eg kunngjer dykk, brør, at det evangelium som
eg hev forkynt, er ikkje menneskjeverk; **12** for ikkje eg
heller fekk det eller lærde det av noko menneskje, men
ved Jesu Kristi openberring. **13** For de hev høyrt mi
framferd fyrr, medan eg var jøde, at eg forfylgde Guds
kyrkja ovleg hardt og tynte henne; **14** og i jødedomen
gjekk eg lenger enn mange av jamaldringarne mine
i mitt folk, med di eg var endå meir ihuga for mine
fedre-lærdomar. **15** Men då det tektest honom som
valde meg ut alt frå mors liv og kalla meg ved sin
nåde, **16** å openberra sin Son i meg, at eg skulde
forkynna evangeliet um honom millom heidningarne,
då samrådde eg meg ikkje med kjøt og blod **17** og drog
ikkje heller upp til Jerusalem til deim som var apostlar
fyre meg; men eg for straks burt til Arabia og vende
um att til Damaskus. **18** Sidan, tri år etter, for eg upp
til Jerusalem og vilde verta kjend med Kefas, og hjå
honom vart eg verande femtan dagar. **19** Men nokon
annan av apostlarne såg eg ikkje, utan Jakob, Herrens
bror. **20** Det som eg skriv til dykk - sjå, Gud veit at
eg ikkje lyg det. **21** So kom eg til bygderne i Syria og
Kilikia. **22** Men av åsyn var eg ukjend for dei kristne
kyrkjelydarne i Judæa. **23** Dei hadde berre høyrt gjete:
«Han som fyrr forfylgde oss, han forkynner no den trui
som han fyrr øydde ut.» **24** Og dei lova Gud for meg.

**2** Fjortan år etter drog eg upp til Jerusalem att med
Barnabas og tok Titus og med. **2** Men eg gjekk upp
ei openberring. Og eg lagde fram for deim, serleg for
deim som galdt mest, det evangeliet som eg forkynner
for heidningarne, um eg vel laupte eller hadde laupe
til fåfengs. **3** Men ikkje Titus jamvel, som var med
meg, vart nøydd til å lata seg umskjera, enda han
var grækar - **4** og det for dei falske brørne skuld,
som hadde snikt seg inn og var komne dit til å lura
på den fridomen som me hev i Kristus Jesus, so dei
kunde få oss under trældom. **5** Men for dei veik me
ikkje ein augneblink i nokor etterlæta, for at sanningi i
evangeliet skulde standa fast hjå dykk. **6** Men dei som
galdt for å vera noko - kor store dei var, kjem ikkje meg
ved; Gud gjer ikkje skil på folk - dei som galdt mest,
lagde ikkje på meg noko meir, **7** men tvert imot, då dei
såg at evangeliet for dei u-umskorne var yverlate til
meg, liksom for dei umskorne til Peter **8** - for han som
gav Peter kraft til aposteltenesta millom dei umskorne,
han gav og meg kraft til det millom heidningarne - **9** og
då dei lærde å kjenna den nåde som var meg gjeven,
so gav Jakob og Kefas og Johannes, som galdt for å
vera hovudstolpar, meg og Barnabas si høgre hand til
samfund, at me skulde ganga til heidningarne, men dei
til dei umskorne, **10** berre at me skulde hugsa på dei
fatige, og det hev eg lagt vinn på å gjera. **11** Men då
Kefas kom til Antiokia, sagde eg honom imot beint
upp i opne augo, av di det var klaga på honom. **12**
For fyrr det kom nokre frå Jakob, åt han i lag med
heidningarne; men då dei kom, heldt han seg undan og
skilde seg ifrå, av di han var rædd for dei umskorne. **13**
Og med honom hykla dei andre jødarne og, so jamvel
Barnabas vart dregen med inn i hyklingi deira. **14** Men
då eg såg at dei ikkje gjekk beint fram etter sanningi i
evangeliet, då sagde eg til Kefas so alle høyrde på:
«Når du som er jøde, liver som heidning og ikkje som
jøde, kvi nøydar du so heidningarne til å liva som
jødar?» **15** Me er fødde jødar og ikkje syndarar, fødde
heidningar. **16** Men då me skyna at eit menneskje ikkje
vert rettferdiggjort ved lovgjerningar, men ved tru på
Kristus Jesus, so trudde me og på Kristus Jesus, so
me kunde verta rettferdiggjorde av tru på Kristus og
ikkje av lovgjerningar; for ved lovgjerningar vert inkje
kjøt rettferdiggjort. **17** Men dersom me, då me freista å
verta rettferdiggjorde i Kristus, ogso sjølve vart funne
som syndarar - skulde so Kristus vera ein tenar for
synd? Nei, langt ifrå! **18** For dersom eg byggjer upp att
det same som eg reiv ned, so syner eg meg sjølv som
ein lovbrjotar. **19** For eg er ved lovi daud for lovi, so
eg kann liva for Gud. **20** Eg er krossfest med Kristus,
eg liver ikkje sjølv meir, men Kristus liver i meg, og
det livet eg no liver i kjøtet, det liver eg i trui på Guds
son, som elska meg og gav seg sjølv for meg. **21** Eg
mismæter ikkje Guds nåde; for dersom rettferd er å
vinna ved lovi, so døydde Kristus utan grunn.

**3** Å, de uvituge galatarar! kven hev trylt dykk, de
som hev fenge Jesus Kristus måla for augo som
krossfest? **2** Berre det vil eg få vita av dykk: Fekk
det Anden ved lovgjerningar eller ved å høyra trui
forkynt? **3** Er de so uvituge? De tok til i ånd; vil de no
fullenda i kjøt? **4** So mykje hev de røynt til unyttes?
- um det då elles er til unyttes. **5** Og han som gjev
dykk Anden og gjer kraftverk millom dykk, gjer han det
ved lovgjerningar eller ved å forkynna trui? **6** Liksom
Abraham trudde Gud, og det vart rekna honom til
rettferd. **7** Difor skal de vita, at dei som hev tru, dei
er Abrahams born. **8** Men Skrifti såg fyreåt at Gud
vilde gjera heidningarne rettferdige ved tru, og gav
so Abraham fyreåt det fagnadbodet: «I deg skal alle
folkeslag verta velsigna.» **9** So vert då dei som hev tru,
velsigna med den truande Abraham. **10** For so mange
som held seg til lovgjerningar, dei er under forbanning;
for det stend skrive: «Forbanna er kvar den som ikkje
held ved i alt det som stend skrive i lovboki, so han
gjer etter det.» **11** Men at ingen vert rettferdiggjord for
Gud ved lovi, det er audsynlegt; for «den rettferdige,
ved tru skal han liva.» **12** Men lovi hev ingen ting med
trui å gjera, men «den som gjer so, skal liva ved det.»
**13** Kristus kjøpte oss frie frå forbanningi av lovi, då han
vart ei forbanning for oss - for det er skrive: «Forbanna
er kvar den som heng på eit tre» - **14** so velsigningi
åt Abraham kunde koma yver heidningarne i Kristus
Jesus, so me ved trui kunde få Anden, som var oss
lova. **15** Brør! eg talar på menneskjevis. Ingen gjer då
ei pakt av eit menneskje ugild eller legg noko til etter ho
er stadfest. **16** Men lovnaderne vart gjevne til Abraham
og hans ætt; han segjer ikkje: «Og ættingarne» liksom
um mange, men som um ein: «Og di ætt», og det er
Kristus. **17** Det eg vil segja, er dette: Ei pakt som fyreåt
er stadfest av Gud, henne kann lovi, som vart gjevi
fire hundrad og tretti år seinare, ikkje gjera ugild, so
ho skulde gjera lovnaden til inkjes. **18** For er arven
av lov, so er han ikkje meir av lovnad; men Gud gav
Abraham honom ved lovnad. **19** Kva skulde so lovi til?
Ho vart sett attåt for misgjerderne skuld, til dess den
ætti kom som lovnaden galdt um - tilskipa av englar,
ved ein millommanns hand; **20** men ein millommann
er ikkje berre for ein; men Gud er ein. **21** Er so lovi
imot Guds lovnader? Langt ifrå! for var det gjeve ei lov
som hadde magt til å gjera livande, so kom rettferdi
verkeleg av lovi. **22** Men Skrifti hev stengt alt inn under
synd, so det som var lova, skulde ved tru på Jesus
Kristus verta gjeve deim som trur. **23** Men fyrr trui kom,
vart me haldne innestengde i varetekt under lovi til
den tru som skulde openberrast. **24** So hev då lovi
vorte vår tuktemeister til Kristus, so me skulde verta
rettferdiggjorde av tru. **25** Men no, då trui er komi, er
me ikkje lenger under tuktemeisteren; **26** for de er alle
Guds born ved trui på Kristus Jesus. **27** For de, so
mange som er døypte til Kristus, de hev iklædt dykk
Kristus. **28** Her er ikkje jøde eller grækar, her er ikkje
træl eller fri mann, her er ikkje mann og kvinna; for de
er alle ein i Kristus Jesus. **29** Men høyrer de Kristus til,
so er de og Abrahams ætt, ervingar etter lovnaden.

**4** Men eg segjer: So lenge ervingen er barn, er
det ingen skilnad på honom og trælen, endå
han er herre yver alt saman; **2** men han er under
uppsynsmenner og rådsmenner til den tidi faren fyreåt
hev fastsett. **3** Soleis var me og, so lenge me var born,
trælbundne under barnelærdomen til verdi. **4** Men då
tidi var fullkomi, sende Gud Son sin, fødd av ei kvinna,
fødd under lovi, **5** so han kunde kjøpa deim frie, som
var under lovi, so me kunde få barneretten. **6** Men
av di de er søner, hev Gud sendt inn i hjarto våre sin
sons Ande, som ropar: «Abba, Fader!» **7** So er du
då ikkje lenger træl, men son. Men er du son, so er
du og erving ved Gud. **8** Men den tid de ikkje kjende
Gud, træla de under dei gudar som i røyndi ikkje er
gudar. **9** Men no, då de kjenner Gud og - det som meir
er - er kjende av Gud, kor kann de då venda atter til
den veike og fatige barnelærdomen? Vil de atter å
nyo træla under honom? **10** De tek vare på dagar og
månader og tider og år; **11** eg ottast for dykk, at eg
kann henda fåfengt hev gjort meg møda med dykk.
**12** Vert liksom eg, for eg er liksom de; brør! eg bed
dykk; de hev ingen urett gjort meg. **13** Men de veit at
det var på grunn av ei vanhelsa i kjøtet, at eg fyrste
gongen kom til å forkynna dykk evangeliet, **14** og endå
mitt kjøt kunde freista dykk til det, vanvyrde de meg
ikkje og støytte meg ikkje burt; men de fagna meg
som ein Guds engel, ja, som Kristus Jesus. **15** Kor
de prisa dykk sæle den gongen! for det vitnar eg um
dykk, at um det hadde vore mogelegt, so hadde de
rive ut augo dykkar og gjeve meg. **16** Og so hev eg
vorte dykkar fiende ved å segja dykk sanningi! **17** Dei
syner ein ihuge for dykk som ikkje er god; men dei vil
stengja dykk ute, so de skal vera ihuga for deim. **18**
Men det er godt å vera ihuga for det gode alltid, og
ikkje berre når eg er hjå dykk. **19** Mine born, som eg
atter føder med sår verk, til dess Kristus fær skapnad
i dykk! **20** Eg skulde ynskja eg var hjå dykk no og
kunde brigda mi røyst; for eg er i vanråd med dykk.
**21** Seg meg, de som vil vera under lovi, høyrer de
ikkje lovi? **22** For det stend skrive at Abraham hadde
tvo søner, ein med trælkvinna og ein med den frie
kvinna. **23** Men son åt trælkvinna er fødd etter kjøtet,
men son åt den frie kvinna etter lovnaden. **24** I dette
ligg det ei djupare meining under; for desse kvinnorne

er tvo pakter: den eine frå Sinaifjellet, som føder til
trældom, dette er Hagar; 25 for «Hagar» er Sinaifjellet i
Arabia og svarar til det Jerusalem som no er; for det
er i trældom med borni sine. 26 Men det Jerusalem
som er der uppe, er fritt, og det er mor vår. 27 For det
stend skrive: «Ver glad, du barnlause, som ikkje føder;
kved i og ropa, du som ikkje hev barnerider! for borni
hennar som er einsleg, er mange fleire enn hennar
som hev mannen.» 28 Men me, brør, er born etter
lovnaden, liksom Isak. 29 Men liksom den gongen han
som var fødd etter kjøtet, forfylgde honom som var
fødd etter åndi, soleis er det no og. 30 Men kva segjer
Skrifti? «Driv ut trælkvinna og son hennar; for son åt
trælkvinna skal slett ikkje taka arv med son åt den frie
kvinna.» 31 So er me då, brør, ikkje born åt trælkvinna,
men åt den frie kvinna.

**5** Til fridom hev Kristus frigjort oss; statt difor faste
og lat deim ikkje få dykk inn att under trældoms
ok! 2 Sjå, eg, Paulus, segjer dykk, at um de let dykk
umskjera, so vil Kristus inkje gagna dykk. 3 Atter vitnar
eg for kvart menneskje som let seg umskjera, at han
er skuldig til å halda heile lovi. 4 De som vil verta
rettferdiggjorde ved lovi, de er skilde frå Kristus, de er
falne ut or nåden. 5 For i trui ventar me i Anden på det
som rettferdi gjev oss von um; 6 for i Kristus Jesus gjeld
korkje umskjering eller fyrehud noko, men berre tru
som er verksam i kjærleik. 7 De heldt godt fram; kven
hindra dykk frå å lyda sanningi? 8 Denne yverteljingi
er ikkje frå honom som kalla dykk. 9 Ein liten surdeig
syrer heile deigen. 10 Eg hev den tiltru til dykk i Herren,
at de inkje anna vil tenkja. Men den som forviller dykk,
han skal få sin dom, kven han so er. 11 Men eg, brør,
um eg enno forkynner umskjering, kvi vert eg endå
forfylgd? då er vel krossens støytestein burtteken. 12
Gjev dei måtte skjera seg sjølve sund, dei som eggjar
dykk upp! 13 For de, brør, er kalla til fridom. Bruk berre
ikkje fridomen til høve for kjøtet; men ten kvarandre i
kjærleik! 14 for heile lovi er uppfyllt i eitt bod, i dette:
«Du skal elska næsten din som deg sjølv!» 15 Men
dersom de bit og et kvarandre, so sjå til at de ikkje et
kvarandre upp! 16 Men eg segjer: Ferdast i Anden, so
skal de ikkje fullføra kjøtsens lyst! 17 For kjøtet er huga
tvert imot Anden, men Anden imot kjøtet; for desse
stend imot kvarandre, so de ikkje skal gjera det som
de vil. 18 Men dersom de vert drivne av Anden, då
er de ikkje under lovi. 19 Men kjøtsens gjerningar er
openberre, slike som: Utukt, ureinskap, lauslivnad, 20
avgudsdyrking, trolldom, fiendskap, kiv, ovund, vreide,
stridssykja, tvidrag, sundringar, 21 misunning, mord,
drykk, svir og meir slikt; um dette segjer eg dykk fyreåt,
likesom eg fyrr hev sagt, at dei som fer med slikt, skal
ikkje erva Guds rike. 22 Men Andens frukt er kjærleik,
gleda, fred, langmod, mildskap, godleik, truskap, 23
spaklynde, fråhald. Mot slike er ikkje lovi. 24 Men dei
som høyrer Kristus Jesus til, dei hev krossfest kjøtet
med fysnorne og lysterne. 25 Liver me i Anden, so lat
oss og ferdast i Anden! 26 Lat oss ikkje søkja fåfengd
æra, so me eggjar kvarandre og ovundar kvarandre!

**6** Brør! um og eit menneskje vert fanga av nokor
synd, so må de som er åndelege, retta på honom
med spaklyndes ånd; men sjå deg sjølv fyre, at ikkje
du og skal vert freista! 2 Ber byrderne for kvarandre,
og uppfyll soleis Kristi lov! 3 For dersom nokon tykkjest
vera noko og er då ingen ting, so dårar han seg sjølv.
4 Men kvar skal prøva si eigi gjerning, og so skal han
hava ros etter det han sjølv er, og ikkje etter likning
med den andre; 5 for kvar skal bera si eigi byrd. 6 Den
som vert upplærd i ordet, skal gjeva den som lærer
honom alt godt saman med seg! 7 Far ikkje vilt! Gud
let seg ikkje spotta; for det som eit menneskje sår;
det skal han og hausta. 8 For den som sår i sitt kjød,
skal hausta tjon av kjøtet; men den som sår i Anden,
han skal hausta ævelegt liv av Anden. (aiōnios g166) 9
Men lat oss ikkje verta trøytte av å gjera det gode! for i
si tid skal me hausta, berre me ikkje trøytnar. 10 Lat
oss då, medan me hev høve til det, gjera det gode
mot alle, men mest mot brørne i trui! 11 Sjå kor store
bokstavar eg skriv med til dykk med mi eigi hand! 12
So mange som vil synast gode etter kjøtet, dei nøyder
dykk til å verta umskorne, berre for di at dei ikkje skal
verta forfylgde for Kristi kross. 13 For ikkje ein gong
dei som vert umskorne, held lovi sjølve; men dei vil
at de skal verta umskorne, so dei kann rosa seg av
dykkar kjøt. 14 Men det vere langt ifrå meg å rosa
meg av anna enn av vår Herre Jesu Kristi kross; for
honom er verdi krossfest for meg, og eg for verdi. 15
For korkje umskjering eller fyrehud er noko, men berre
ein ny skapning. 16 Og so mange som gjeng fram etter
denne rettesnor, fred og miskunn vere yver deim og
yver Guds Israel! 17 Heretter må ingen gjera meg bry!
for eg ber Jesu merke på min likam. 18 Vår Herre Jesu
Kristi nåde vere med dykkar ånd, brør! Amen.

# Efeserne

**1** Paulus, Jesu Kristi apostel ved Guds vilje, til dei
heilage i Efesus som trur på Kristus Jesus: **2** Nåde
vere med dykk og fred frå Gud, vår Fader, og Herren
Jesus Kristus! **3** Lova vere Gud og vår Herre Jesu
Kristi Fader, som hev velsigna oss med all åndeleg
velsigning i himmelen i Kristus, **4** liksom han valde
oss ut i honom, fyrr verdi vart grunnlagd, at me skulde
vera heilage og ulastelege for hans åsyn, **5** med di
han i kjærleik fyreåt etla oss til barnekår hjå seg sjølv
ved Jesus Kristus etter si frie vilje-rådgjerd, **6** til lov for
sin herlege nåde, som han gav oss i honom som han
elskar. **7** I honom hev me utløysingi ved hans blod,
forlating for synderne, etter rikdomen av hans nåde, **8**
som han gav oss rikleg i all visdom og vitsemd, **9** då
han kunngjorde oss løyndomen um sin vilje etter si frie
rådgjerd, som han fyresette seg med seg sjølv, **10** um
eit hushald han vilde skipa når tiderne var fullkomne,
nemleg at han atter vilde sameina alt til eitt i Kristus,
både det som er i himmelen, og det som er på jordi. **11**
Og i honom hev me og fenge arvlut, etter at me fyreåt
var etla dertil etter hans fyresetning som verkar alt etter
si vilje-rådgjerd, **12** so me skulde vera hans herlegdom
til lov, me som fyreåt hadde vona på Kristus. **13** Og i
honom hev de og, då de hadde høyrt sannings-ordet,
evangeliet um dykkar frelsa - i honom hev de og, då
de hadde teke ved trui, fenge til innsigle den Heilage
Ande, som var oss lova, **14** han som er pantet på vår
arv til hans eigedomsfolks utløysing, hans herlegdom til
lov. **15** Difor, sidan eg høyrde um dykkar tru på Herren
Jesus og um dykkar kjærleik til alle dei heilage, **16** so
held eg ikkje upp med å takka for dykk når eg kjem
dykk i hug i mine bøner, **17** at vår Herre Jesu Kristi
Gud, herlegdomens Fader, må gjeva dykk visdoms og
openberrings Ande til kunnskap um seg, **18** og gjeva
dykkar hug upplyste augo, so de kann kjenna kva von
det er han hev kalla dykk til, og kor rik på herlegdom
hans arv er ibland dei heilage, **19** og kor yvervættes
stor hans magt er for oss som trur, etter verknaden av
hans velduge kraft, **20** som han synte på Kristus, då
han vekte honom upp frå dei daude og sette honom
ved si høgre hand i himmelen, **21** høgt yver all magt
og yverråd og alt velde og herredøme og yver kvart
namn som vert nemnt, ikkje berre i denne verdi, men
og i den tilkomande, **(aiōn g165)** **22** og han lagde alt
under hans føter og gav honom som hovud yver alle
ting åt kyrkja, **23** som er hans likam, fyllt av honom
som fyller alt i alle.

**2** Ogso dykk hev han gjort livande, de som var daude
i dykkar misgjerningar og synder, **2** som de fordom
ferdast i etter tidarfaret i denne verdi, etter hovdingen
yver hermagti i lufti, den åndi som no verkar i borni
til vantrui, **(aiōn g165)** **3** og millom deim ferdast og me
alle fordom i vårt kjøts lyster, då me gjorde det som
kjøtet og tankarne vilde, og var av naturi vreidens born
liksom dei andre. **4** Men Gud, som er rik på miskunn,
hev for sin store kjærleik skuld, som han elska oss
med, **5** gjort oss livande med Kristus, endå me var
daude i våre misgjerningar - av nåde er de frelste! - **6**
og vekt oss upp med honom og sett oss med honom i
himmelen, i Kristus Jesus, **7** so han i dei komande
tider kunde visa den ovstore rikdomen av sin nåde ved
godleik imot oss i Kristus Jesus. **(aiōn g165)** **8** For av
nåde er de frelste, ved tru, og det ikkje av dykk, det er
Guds gåva, **9** ikkje av gjerningar, so ikkje nokon skal
rosa seg. **10** For me er hans verk, skapte i Kristus
Jesus til gode gjerningar, som Gud fyreåt emna til, so
me skulde ferdast i deim. **11** Kom difor i hug, at de
som fordom var heidningar i kjøtet og var kalla fyrehud
av det dei kallar umskjering, den på kjøtet, som vert
gjord med handi, **12** at de på den tid var utan Kristus,
utestengde frå Israels borgarskap og framande for
pakterne med deira lovnad, utan von og utan Gud i
verdi. **13** Men no, i Kristus Jesus er de som fordom
var langt burte, komne nær til ved Kristi blod. **14** For
han er vår fred, han som gjorde dei tvo til eitt og braut
ned det gjerdet som var skilveggen, fiendskapen, **15**
då han ved sitt kjøt avlyste den lovi som kom med
bod og fyresegner, so han ved seg sjølv kunde skapa
dei tvo til eitt nytt menneskje, med di han gjorde fred,
**16** og forlika deim båe tvo i ein likam med Gud ved
krossen, då han på denne slo fiendskapen i hel. **17**
Og han kom og forkynte fred for dykk som var langt
burte, og fred for deim som var nær. **18** For ved han
hev me båe tvo i ein Ande tilgjenge til Faderen. **19** So
er de no ikkje lenger framande og utlendingar, men
medborgarar med dei heilage og Guds husfolk, **20**
uppbygde på apostel- og profetgrunnvollen, men Jesus
Kristus er sjølv hyrnesteinen, **21** som kvar bygning vert
samanbunden ved og veks upp til eit heilagt tempel i
Herren, **22** og i honom vert de og uppbygde med dei
andre til ein Guds bustad i Anden.

**3** For den skuld bøygjer eg mine kne, eg, Paulus,
Kristi Jesu fange for dykk heidningar - **2** um de
elles hev høyrt um hushaldet med den Guds nåde
som eg hev fenge for dykk, **3** at han ved openberring
kunngjorde meg den løyndomen so som eg ovanfor hev
skrive med få ord, **4** so de av det, når de les det, kann
sjå mitt skyn på Kristi løyndom, **5** som i forne tidebolkar
ikkje hev vorte kunngjord for menneskjeborni, so som
han no er openberra for hans heilage apostlar og
profetar ved Anden: **6** at heidningarne er medervingar

og høyrer med til likamen og hev lut med i lovnaden i
Kristus Jesus ved evangeliet, 7 det som eg vart tenar
for etter den Guds nådegåva som eg hev fenge ved
verknaden av hans magt. 8 Eg, den aller ringaste
av alle dei heilage, fekk denne nåden, å forkynna
heidningarne evangeliet um Kristi uransakelege rikdom
9 og upplysa alle um korleis hushaldet er med den
løyndomen som frå ævelege tider hev vore løynd i
Gud, som hev skapt alle ting, (aiōn g165) 10 for di at
Guds mangfaldige visdom no gjenom kyrkja skulde
verta kunngjord for magterne og herredømi i himmelen,
11 etter den fyresetning frå ævelege tider som han
fullførde i Kristus Jesus, vår Herre, (aiōn g165) 12 han
som me hev fenge fritt mod ved og tilgjenge med tillit
ved trui på honom. 13 Difor bed eg at de ikkje må tapa
modet ved dei trengslor eg lid for dykk, og som er
dykkar ära. - 14 For den skuld bøygjer eg mine kne for
Faderen, 15 som er den rette fader for alt som heiter
barn i himmelen og på jordi, 16 at han etter rikdomen
av sin herlegdom må gjeva dykk å verta styrkte med
kraft ved hans Ande i dykkar indre menneskje, 17 at
Kristus må bu ved trui i dykkar hjarto, so de, rotfeste
og grunnfeste i kjærleik, 18 må magtast å fata med
alle dei heilage, kva breidd og lengd og dypt og høgd
det er, 19 og kjenna Kristi kjærleik, som gjeng yver all
kunnskap, so de kann verta fyllte til all Guds fylla. 20
Men honom som er megtig til å gjera yver alle ting,
ovlangt yver det som me bed um eller skynar, etter
den kraft som er verksam i oss, 21 honom vera ära i
kyrkja og i Kristus Jesus gjenom alle ætter i alle ævor!
Amen. (aiōn g165)

**4** Eg legg dykk då på hjarta, eg den bundne i Herren,
at de må ferdast so som verdigt er for det kallet som
de vart kalla med, 2 med all audmykt og spaklynde,
med langmod, so de toler kvarandre i kjærleik 3 og legg
vinn på å halda Andens einskap i fredsens samband: 4
Ein likam og ein Ande, liksom de og er kalla med ei von
i dykkar kall, 5 ein Herre, ei tru, ein dåp, 6 ein Gud og
Fader til alle, han som er yver alle og gjenom alle og i
alle. 7 Men kvar og ein av oss hev fenge nåden etter
det målet som Kristi gåva vert mælt med. 8 Difor segjer
Skrifti: «Han for upp i det høge og førde burt fangar
og gav menneski gåvor.» 9 Men det at han for upp,
kva er det, utan at han og fyrst for ned til lægderne
på jordi? 10 Han som for ned, han er den same som
for upp yver alle himlar, for at han skulde fylla alt. 11
Og det er han som gav oss sume til apostlar, sume til
profetar, sume til evangelistar, sume til hyrdingar og
lærarar, 12 so dei heilage kunde verta fullt tilbudde
til å gjera tenesta, til å byggja upp Kristi likam, 13 til
dess me alle saman når fram til einskapen i trui og
i kjennskapen til Guds Son, til mogen manndom, til
aldersmålet for Kristi fylla, 14 so me ikkje lenger skal
vera umynduge og lata oss kasta og driva um av kvar
lærdoms vind ved meinspel av menneski, ved sløgd i
illråder som dei villfarande finn på, 15 men at me, true
mot sanningi i kjærleik, i alle måtar skal veksa upp til
honom som er hovudet, Kristus, 16 so heile likamen,
samanknytt og samanfest ved kvart band som han
gjev, veks sin vokster som likam ut ifrå honom til si
uppbyggjing i kjærleik, alt etter den verksemd som
er tilmælt kvar lem. 17 Dette segjer eg då og vitnar i
Herren, at de ikkje lenger må ferdast som heidningarne
ferdast i sin hugs fåfengd, 18 formyrkte i sin tanke,
framande vortne for Guds liv ved den vankunna som
er i deim for deira forherde hjarto skuld, 19 med di
dei hev vorte tykkjelause og hev gjeve seg til ulivnad,
til all ureinskaps gjerd med havesykja. 20 Men de
hev ikkje lært soleis um Kristus, 21 um de elles hev
høyrt um honom og er upplærde i honom, so som
sanning er i Jesus: 22 at de etter dykkar fyrre livsferd
skal leggja av det gamle menneskje, som vert tynt ved
dei dårande lyster, 23 men verta uppnya ved Anden i
dykkar hug 24 og klæda dykk i det nye menneskje,
som er skapt etter Gud med den rettferd og heilagdom
som sanningi verkar. 25 Legg difor av lygni og tala
sanning kvar med sin næste, av di me er kvarannans
lemer. 26 Vert de vreide, so synda ikkje! Lat ikkje
soli ganga ned yver dykkar harm! 27 Og gjev ikkje
djevelen rom! 28 Den som stal, stele ikkje lenger, men
arbeide heller og gjere noko godt med sine hender,
so han kann hava noko å gjeva til dei trengande. 29
Ingen roten tale koma ut or dykkar munn, men slik
tale som er god til naudsynleg uppbyggjing, so det
må vera til gagn for deim som høyrer på, 30 og gjer
ikkje Guds Heilage Ande sorg, han som de hev fenge
til innsigle til utløysingsdagen! 31 All illska og villska
og vreide og skriking og spotting vere langt ifrå dykk
liksom all vondskap! 32 Men ver gode mot kvarandre,
miskunnsame, so de tilgjev kvarandre, liksom og Gud
hev tilgjeve dykk i Kristus.

**5** Vert difor Guds etterfylgjarar som hans kjære born,
2 og ferdast i kjærleik, liksom Kristus elska oss og
gav seg sjølv for oss til ei gåva og eit offer, Gud til
ein hugleg ange! 3 Men utukt og all ureinskap eller
havesykja må ikkje eingong verta nemnde millom dykk,
so som det sømer seg for heilage, 4 og skjemdarferd
og dårlegt svall og lauslyndt skjemt, som alt saman er
usømelegt, men heller takksegjing! 5 For dette veit
de og skynar, at ingen horkar eller urein eller girug -
som er ein avgudsdyrkar - hev arv i Kristi og Guds
rike. 6 Lat ingen dåra dykk med tome ord! for av slike
ting kjem Guds vreide yver dei vantruande! 7 Hav

difor ingen ting saman med deim! 8 For de var fordom
myrker, men no er de ljos i Herren; ferdast som born
av ljoset 9 - for frukti av ljoset syner seg i all godleik
og rettferd og sanning - 10 so de prøver kva som
er Herren til hugnad, 11 og hav inkje samlag med
dei fruktlause gjerningar av myrkret; men refs deim
heller! 12 For det som løynlegt vert gjort av deim, er
det skamlegt endå berre å tala um; 13 men når det
vert refst, vert det alt saman openberra av ljoset; for
alt som vert openberra, er ljos. 14 Difor segjer skrifti:
«Vakna, du som søv, og statt upp frå dei daude, og
Kristus skal lysa for deg!» 15 Sjå difor til korleis de
kann ferdast varleg, ikkje som uvise, men som vise, 16
so de kjøper den laglege tid; for dagarne er vonde!
17 Ver difor ikkje uvituge, men skyna kva Herrens
vilje er! 18 Og fyll dykk ikkje med vin, som det er
skamløysa i, men vert fyllte med Anden, 19 so de talar
til kvarandre med salmar og lovsongar og åndelege
visor og syng og leikar i dykkar hjarto for Herren, 20 og
alltid takkar Gud og Faderen for alle ting i vår Herre
Jesu Kristi namn, 21 og er kvarandre undergjevne i
age for Kristus! 22 De konor, ver dykkar eigne menn
undergjevne som Herren! 23 For mannen er hovudet
for kona, liksom Kristus er hovudet for kyrkja, han som
er frelsaren for sin likam. 24 Men liksom kyrkja er
Kristus undergjevi, so skal og konorne vera sine eigne
menner undergjevne i alle ting. 25 De menner, elska
konorne dykkar, liksom Kristus elska kyrkja og gav
seg sjølv for henne, 26 so han kunde helga henne,
med di han reinsa henne ved vatsbadet i ordet, 27 so
han kunde framstella kyrkja for seg i herlegdom, utan
flekk eller rukka eller noko slikt, men so ho kunde vera
heilag og ulasteleg. 28 Soleis er mennerne skuldige til
å elska konorne sine som sine eigne likamar. Den som
elskar si kona, elskar seg sjølv. 29 For aldri hev nokon
hata sitt eige kjøt, men han føder og fjelgar det, liksom
Kristus gjer med kyrkja; 30 for me er lemer på hans
likam. 31 Difor skal mannen skiljast med far og mor og
halda seg hjå kona si, og dei tvo skal vera eitt kjøt. 32
Denne løyndomen er stor - men eg tenkjer på Kristus
og kyrkja. 33 Men de og skal elska kvar si kona som
seg sjølv, og kona hava age for mannen.

**6** De born, lyd dykkar foreldre i Herren, for det er rett!
2 «Heidra far din og mor di» - dette er det fyrste
bodet med lovnad - 3 «at det må ganga deg vel, og
du må leva lenge i landet.» 4 Og de feder, arga ikkje
dykkar born, men fostra deim upp i Herrens tukt og
påminning! 5 De tenarar, ver lyduge mot dykkar herrar
etter kjøtet med age og otte i dykkar hjartans einfelde
som mot Kristus, 6 ikkje med augnetenesta, liksom dei
som vil tekkjast menneskje, men som Kristi tenarar, so
de gjer Guds vilje av hjarta 7 og godviljugt tener som
for Herren og ikkje som for menneskje, 8 då de veit, at
kva godt kvar gjer, det skal han få att av Herren, anten
han so er tenar eller fri mann. 9 Og de herrar, gjer det
same mot deim, so de let vera å truga; for de veit at
både deira og dykkar Herre er i himmelen, og han gjer
ikkje skil på folk. 10 Elles, vert sterke i Herren og i hans
veldes kraft! 11 Klæd dykk i Guds fulle herbunad, so de
kann standa dykk imot djevelens svikråder! 12 For me
hev ikkje strid mot blod og kjøt, men mot herrevelde,
mot magter, mot heimsens herrar, som råder i myrkret i
denne tid, mot vondskaps åndeher i himmelrømdi. (aiōn
g165) 13 Tak difor Guds fulle herbunad på, so de kann
standa imot på den vonde dag og verta standande når
de hev vunne yver alt. 14 So statt då umgyrde um
dykkar lend med sanning og klædde i rettferds-brynja,
15 og umbundne på føterne med den tilbunad som
evangeliet um freden gjev. 16 Og tak attåt alt dette tru-
skjolden, so de dermed kann sløkkja alle gloande piler
frå den vonde! 17 og tak frelse-hjelmen, og Andens
sverd, som er Guds ord, 18 medan de alltid bed i
Anden med all bøn og påkalling og er årvakne deri
med all trott og bøn for alle dei heilage, 19 og for meg
med, at det må verta gjeve meg ord når eg opnar min
munn, til å forkynna fritt mod løyndomen i evangeliet,
20 den som eg er sendebod for i lekkjor, at eg må tala
med frimod um det, soleis som eg bør tala. 21 Men at
de og kann få vita um mitt tilstand, korleis det gjeng
meg, skal Tykikus kunngjera dykk alt, han den kjære
bror og true tenar i Herren, 22 som eg just difor sender
til dykk at de skal få vita korleis det er med oss, og
at han kann trøysta dykkar hjarto. 23 Fred vere med
brørne og kjærleik med tru frå Gud Fader og Herren
Jesus Kristus! 24 Nåde vere med alle som elskar vår
Herre Jesus Kristus med uforgjengeleg kjærleik!

# Filippenserne

**1** Paulus og Timoteus, Kristi Jesu tenarar, til alle
dei heilage i Kristus Jesus, som er i Filippi, med
tilsynsmenner og tenarar for kyrkjelyden: **2** Nåde vere
med dykk og fred frå Gud, vår Fader, og Herren Jesus
Kristus! **3** Eg takkar min Gud so tidt eg tenkjer på
dykk, **4** med di eg alltid, kvar gong eg bed, gjer mi bøn
for dykk alle med gleda, **5** på grunn av dykkar samfund
med meg i arbeidet for evangeliet frå fyrste dagen og
alt til no. **6** Og eg er fullvis um dette, at han som tok til
med ei god gjerning i dykk, skal fullføra henne alt til
Jesu Kristi dag, **7** liksom det er rett av meg å tenkja so
um dykk alle, etter di eg ber dykk i hjarta både i mine
lekkjor, og når eg forsvarar og stadfester evangeliet,
sidan de alle er luthavande med meg i nåden. **8** For
Gud er mitt vitne, kor eg lengtar etter dykk alle med
Kristi Jesu hjartelag. **9** Og dette bed eg um, at dykkar
kjærleik endå må verta alt rikare og rikare på kunnskap
og skynsemd, **10** at de må kunna døma um dei ymse
ting, so de kann vera reine og ikkje til meinstøyt til
Kristi dag, **11** fyllte med rettferds frukt, som er verka
ved Jesus Kristus, Gud til æra og lov. **12** Eg vil at
de skal vita, brør, at min lagnad heller hev vore til
framgang for evangeliet, **13** so det hev vorte kunnigt
for heile livvakti og for alle andre, at eg er i lekkjor for
Kristi skuld, **14** og dei fleste av brørne i Herren hev
fenge tiltru til mine lekkjor og dermed fenge endå meir
mod til å tala ordet utan otte. **15** Sume forkynner vel og
Kristus av ovund og kivslyst, men sume og av godvilje;
**16** desse forkynner Kristus av kjærleik, med di dei veit
at eg er sett til å forsvara evangeliet, **17** men hine gjer
det av stridssykja, ikkje med rein hug, for dei tenkjer å
leggja trengsla til mine lekkjor. **18** Kva so? Kristus vert
då forkynt på kvar måten, anten det no vert gjort for
syn skuld eller i sanning, og yver dette gled eg meg,
ja, eg skal og heretter få gleda meg. **19** For eg veit at
dette skal verta til frelsa for meg ved dykkar bøn og
hjelp av Jesu Kristi Ande, **20** etter mi lengting og von,
at eg ikkje i nokon ting skal verta til skammar, men
at Kristus, som alltid, so og no, med alt frimod skal
verta herleggjord ved min likam, anten det vert ved liv
eller ved daude. **21** For livet det er for meg Kristus, og
dauden ei vinning. **22** Men dersom det å liva i kjøtet
gjev meg frukt for mi gjerning, so veit eg ikkje kva
eg skal velja; **23** for eg stend rådvill millom dei tvo
ting, med di eg hev hug til å fara herifrå og vera med
Kristus, for det er so ovleg mykje betre. **24** Men å verta
verande i kjøtet er naudsynlegare for dykkar skuld. **25**
Og då eg er viss på det, so veit eg at eg skal verta i
liva og vera hjå dykk alle til dykkar framgang og gleda i
trui, **26** so dykkar ros kann verta rik i Kristus Jesus
ved meg når eg kjem til dykk att. **27** Berre far dykkar
livsferd so som verdigt er for Kristi evangelium, so eg,
anten eg kjem og ser dykk eller er fråverande, kann
høyra um dykk at de stend faste i ein Ande, og med ei
sjæl strider med meg for trui på evangeliet **28** og ikkje i
nokon ting let dykk skræma av deim som stend i mot;
det er for deim ei varsling um undergang, men for dykk
um frelsa, og det frå Gud, **29** For dykk vart det unnt,
for Kristi skuld, ikkje berre å tru på honom, men og å
lida for hans skuld, **30** med di de hev den same strid
som de såg på meg og no høyrer um meg.

**2** Er det då nokor trøyst i Kristus, er det nokor
hugsvaling i kjærleik, er det noko samfund i Anden,
er det nokor medkjensla og miskunn: **2** so gjer mi
gleda fullkomi, so de hev same hug, med di de hev
same kjærleiken og samlyndte hev den eine hugen, **3**
ikkje gjer noko av stridssykja eller lyst til tom æra, men
i audmykt vyrder kvarandre høgre enn dykk sjølve. **4**
Sjå ikkje kvar på sin eigen bate, men kvar på baten til
dei andre og! **5** Lat dette huglaget vera i dykk, som
og var i Kristus Jesus, **6** han som, då han var i Guds
skapnad, ikkje heldt det for eit ran å vera Gud lik, **7**
men gav sjølv avkall på det og tok ein tenars skapnad
på seg, med di han kom i likning med menneskje,
og då han i åtferd var funnen som eit menneskje, **8**
nedra han seg sjølv, so han vart lydug alt til dauden,
ja til dauden på krossen. **9** Difor hev og Gud storleg
upphøgt honom og gjeve honom det namn som er
yver kvart eit namn, **10** so i Jesu namn skal kvart kne
bøygja seg, deira som er i himmelen og på jordi og
under jordi, **11** og kvar tunga skal sanna at Jesus
Kristus er Herre, til Gud Faders æra. **12** Difor, mine
kjære, liksom de alltid hev vore lyduge, so arbeid, ikkje
berre som i mitt nærvære, men no endå meir i mitt
fråvære, på dykkar frelse med age og otte! **13** For Gud
er den som verkar i dykk både å vilja og verka for sin
gode vilje. **14** Gjer alt utan murring og tvilsmål, **15**
so de kann vera lastelause og reine, Guds ulastande
born midt i ei ukyndt og rangsnudd ætt, der de syner
dykk som ljos i verdi, **16** med di de held fram livsens
ord, meg til ros på Kristi dag, at eg ikkje hev laupe
til unyttes eller arbeidt til unyttes. **17** Men um eg og
vert ofra, medan eg gjer altartenesta og ber dykkar
tru fram til offer, so gled eg meg og gled meg saman
med dykk alle. **18** Gled og de dykk like eins, og gled
dykk saman med meg! **19** Eg hev den voni i Herren
Jesus, at eg snart kann senda Timoteus til dykk, so
eg og kann verta glad i hug, når eg fær vita korleis
det er med dykk. **20** For eg hev ingen med slikt eit
lynde, som so ærleg kann hava umsut for dykk. **21** For
dei søkjer alle sitt eige, ikkje det som høyrer Jesus

Kristus til; 22 men hans prøvde truskap kjenner de, at
liksom ein son tenar far sin, so hev han tent med meg
for evangeliet. 23 Honom vonar eg då å kunna senda
straks når eg ser utgangen på saki mi. 24 Men eg hev
den tillit i Herren at eg og sjølv skal koma snart. 25
Eg fann det naudsynleg å senda til dykk Epafroditus,
min bror og medarbeidar og medstridsmann og dykkar
sendemann og tenar til hjelp for mi trong, 26 av di han
lengta etter dykk alle, og var ottefull for di de hadde
høyrt at han var sjuk. 27 For han var verkeleg sjuk og
dauden nær; men Gud gjorde miskunn mot honom, ja,
ikkje berre mot honom, men mot meg og, so eg ikkje
skulde hava sorg på sorg. 28 Difor sender eg honom
so mykje snarare, at de kann gleda dykk ved å sjå
honom att, og eg vera meir sutlaus. 29 Tak då imot
han i Herren med all gleda, og haldt slike i æra! 30 For
for Kristi gjerning skuld kom han dauden nær, då han
ikkje vyrde sitt liv, so han kunde bøta på saknaden av
dykk ved tenesta mot meg.

**3** Elles, mine brør, gled dykk i Herren! Å skriva det
same til dykk er meg ikkje til møda, men dykk til
styrkjing. 2 Sjå hundarne, sjå dei vonde arbeidarar,
sjå dei sundskorne! 3 For me er dei umskorne, me
som tener Gud i hans Ande og rosar oss av Kristus
Jesus og ikkje lit på kjøt, 4 endå eg hev det som eg
kunde lita på ogso i kjøt. Um ein annan tykkjer at han
kann lita på kjøt, so kann eg det endå meir. 5 Eg er
umskoren den åttande dagen, er av Israels folk, av
Benjamins ætt, ein hebræar av hebræarar, i syn på
lovi ein farisæar, 6 i ihuge ein forfylgjar av kyrkjelyden,
i rettferd etter lovi ulasteleg. 7 Men det som var meg ei
vinning, det hev eg for Kristi skuld halde for tap, 8
ja, eg held og i sanning alt for tap mot det som er so
mykje meir verdt: kunnskapen um Kristus Jesus, min
Herre; for hans skuld hev eg tapt det alt saman, og eg
held det for skarn, berre eg kann vinna Kristus 9 og
verta funnen i honom, ikkje med mi rettferd, den som
er av lovi, men med den ved trui på Kristus, rettferdi av
Gud på grunn av trui, 10 so eg må kjenna honom og
krafti av hans uppstoda og samlaget i hans lidingar,
med di eg vert lik med honom i hans daude, 11 um eg
då kann nå fram til uppstoda frå dei daude. 12 Ikkje so
at eg alt hev gripe det eller alt er fullkomen! men eg
jagar etter det, um eg og kann gripa det, etter som eg
og er gripen av Kristus Jesus. 13 Brør, eg trur ikkje
um meg sjølv at eg hev gripe det. 14 Men eitt gjer
eg: Eg gløymer det som er attanfyre, og tøygjer meg
etter det som er framanfyre, og jagar mot målet, til
den sigerspris Gud hev kalla oss til der ovan i Kristus
Jesus. 15 So mange då som er fullkomne, lat oss hava
denne tenkjemåte! og um de i noko tenkjer annarleis,
so skal Gud og openberra dykk dette; 16 berre at me,
so langt me er komne, held fram i same faret. 17 Vert
mine etterfylgjarar, de og, brør, og sjå på deim som
ferdast soleis som de hev oss til fyredøme! 18 For
det ferdast mange, som eg tidt hev sagt dykk og no
endå segjer med tåror, at dei er fiendar av Kristi kross,
19 dei som endar med fortaping, som hev buken til
sin Gud, og som set si æra i si skjemd, dei som trår
etter dei jordiske ting. 20 For vårt borgarsamfund er i
himmelen, der me og ventar Herren Jesus Kristus ifrå
som frelsar, 21 han som skal umskapa vår nedrings-
likam, so han vert lik hans herlegdoms-likam etter hans
kraft til å leggja alle ting under seg.

**4** Difor, mine brør, som eg elskar og lengtar etter, mi
gleda og min krans, statt soleis faste i Herren, de
kjære! 2 Evodia påminner eg, og Syntyke påminner eg
um å vera samlyndte i Herren. 3 Ja, eg bed og deg,
du som med rette heiter Synzygus, ver deim til hjelp!
for dei hev stridt med meg i evangeliet saman med
Klemens og mine andre medarbeidarar - deira namn
stend i livsens bok. 4 Gled dykk i Herren alltid! atter vil
eg segja det: Gled dykk! 5 Lat dykkar godlynde verta
kjent for alle menneskje! Herren er nær. 6 Gjer dykk
ingi sut for noko ting; men lat i alle ting dykkar ynskje
koma fram for Gud i påkalling og bøn med takksegjing!
7 Og Guds fred, som gjeng yver alt vit, skal vara dykkar
hjarto og dykkar tankar i Kristus Jesus. 8 Elles, brør,
alt det som er sant, alt det som er æva verdt, alt det
som er rettferdigt, alt det som er reint, alt det som er
elskelegt, alt det som hev eit godt namn, kvar ei dygd
og alt som priseleg er, det gjeve de gaum etter! 9 Det
som de og hev lært og motteke og høyrt og set hjå
meg, gjer det! Og fredsens Gud skal vera med dykk.
10 Eg vart storleg glad i Herren, av di de endeleg ein
gong er komne so vidt til velmagt att, at de kunde
tenkja på min bate, som de og fyrr tenkte på, men de
hadde ikkje høve til det. 11 Ikkje so at eg segjer dette
av trong, for eg hev lært å vera nøgd med det eg hev.
12 Eg veit å liva i ringe kår, eg veit og å liva i nøgd; i alt
og i alle ting er eg innvigd, både å verta mett og vera
svolten, både å hava nøgdi og hava vanråd. 13 Alt
magtast eg i honom som gjer meg sterk. 14 Men endå
gjorde de rett i å vera med meg i mi trong. 15 Men de
veit og, de filipparar, at i den fyrste tid evangeliet kom
til dykk, då eg for frå Makedonia, kom ingen kyrkjelyd i
rekneskap med meg yver gjeve og motteke utan de
åleine. 16 For ogso i Tessalonika sende de meg både
ein gong og tvo gonger det eg turvte. 17 Ikkje so at eg
trår etter gåva; men eg trår etter den frukt som rikleg
kjem dykk til gode. 18 Men no hev eg fenge alt og hev
nøgd, eg hev fullt upp, sidan eg med Epafroditus fekk
sendingi frå dykk, ein yndeleg ange, eit offer til fagnad
og hugnad for Gud. 19 Og min Gud skal etter sin

rikdom fullt upp bøta på all dykkar trong i herlegdom i
Kristus Jesus. **20** Men vår Gud og Fader vere æra i all
æva! Amen. **(aiōn g165)** **21** Helsa kvar heilag i Kristus
Jesus! Brørne hjå meg helsar dykk. **22** Alle dei heilage
helsar dykk, mest dei som høyrer til keisarens hus. **23**
Herren Jesu Kristi nåde vere med dykkar ånd!

# Kolossenserne

**1** Paulus, Kristi Jesu apostel ved Guds vilje, og
broderen Timoteus **2** til dei heilage og truande brør
i Kristus i Kolossæ: Nåde vere med dykk og fred frå
Gud vår Fader! **3** Me takkar alltid Gud og vår Herre
Jesu Kristi Fader, når me bed for dykk, **4** sidan me
høyrde um dykkar tru på Kristus Jesus og den kjærleik
de hev til alle dei heilage, **5** for den von skuld som
er gøymd åt dykk i himmelen, den som de fyrr hev
høyrt um gjenom sannings-ordet i evangeliet, **6** som er
kome til dykk, liksom det og er i heile verdi og ber frukt
og veks som hjå dykk frå den dag då de høyrde det og
lærde å kjenna Guds nåde i sanning, **7** so som de
hev lært av Epafras, vår kjære medtenar, som er ein
tru Kristi tenar for dykk, **8** som og hev fortalt oss um
dykkar kjærleik i Anden. **9** Difor held me, frå den dag
me høyrde det, ikkje heller upp med å gjera bøn for
dykk og beda um at de må verta fyllte med kunnskap
um hans vilje i all åndeleg visdom og skynsemd, **10** so
de må ferdast verdigt for Herren til all hugnad, so de
ber frukt og veks i all god gjerning ved kunnskapen um
Gud, **11** so de vert styrkte med all styrke etter hans
herlegdoms kraft til alt tolmod og langmod, **12** so de
med gleda takkar Faderen som gjorde oss duglege til å
få arvlut med dei heilage i ljoset, **13** han som fria oss ut
frå myrkers magt og sette oss yver sin kjære Sons rike.
**14** I honom hev me utløysingi, forlating for synderne.
**15** Og han er eit bilæte av Gud den usynlege, den
fyrstefødde framfor all skapning; **16** for i honom er alle
ting skapte, dei i himmelen og dei på jordi, dei synlege
og dei usynlege, anten det so er kongssæte eller
herredøme eller magter eller yverråder; alle saman er
dei skapte ved honom, og til honom, **17** og han er fyrr
enn alle ting, og alle ting stend ved lag i honom. **18** Og
han er hovudet for likamen, som er kyrkja, han som er
upphavet, den fyrstefødde av dei daude, for at han i
alle måtar skulde vera den fremste. **19** For i honom
tektest det Gud, at heile hans fylla skulde bu, **20** og
ved honom å forlika alle ting med seg, med di han
gjorde fred med blodet på krossen hans - ved honom,
anten det so er dei på jordi eller dei i himmelen. **21**
Ogso dykk som fordom var framande vortne og fiendar
ved dykkar huglag, i dei vonde gjerningar, **22** dykk hev
han no forlikt i hans kjøts likam ved dauden, for å stella
dykk fram heilage og ulastande og uklandrande for si
åsyn, **23** so framt de vert verande i trui, grunnfeste og
trauste, og ikkje let dykk rikka frå den voni evangeliet
gjev, det som de hev høyrt, som er forkynt for kvar
skapning under himmelen, og som eg, Paulus, vart
tenar for. **24** No gleder eg meg yver mine lidingar
for dykk og utfyller i mitt kjøt det som endå vantar i
Kristi trengslor, for hans likam som er kyrkja, **25** som
eg hev vorte tenar til etter det Guds hushald som eg
hev fenge millom dykk, det vil segja å fullføra Guds
ord, **26** den løyndomen som var duld frå alle tider og
ætter vart til, men no er openberra for hans heilage,
**(aiōn g165)** **27** som Gud vilde kunngjera, kor rik på
herlegdom denne løyndomen er millom heidningarne,
det er Kristus millom dykk, voni um herlegdom. **28**
Og honom forkynner me, med di me påminner kvart
menneskje og lærer kvart menneskje med all visdom,
so me kann framstella kvart menneskje fullkome i
Kristus. **29** For dette arbeider eg og, med di eg strider
med hans kraft som verkar i meg med styrke.

**2** For eg vil at de skal vita kor stor strid eg hev for
dykk og deim i Laodikea og so mange som ikkje
hev set mitt andlit i kjøtet, **2** so deira hjarta må verta
trøysta, med di dei vert samanknytte i kjærleik og
vinn fram til heile rikdomen av det fullvisse skyn, til
kunnskap um Guds løyndom, det er Kristus, **3** han
som alle skattar av visdom og kunnskap er løynde
i. **4** Dette segjer eg for at ingen skal dåra dykk med
lokkande tale. **5** For um eg enn i kjøtet er fråverande,
er eg like vel i åndi saman med dykk, og ser med
gleda dykkar gode skipnad og den faste grunn i dykkar
tru på Kristus. **6** Liksom de då tok imot Kristus Jesus
som Herren; so ferdast i honom, **7** so at de er rotfeste
og vert uppbygde i honom og stadfeste i trui, so som
de lærde, rike på henne med takksegjing. **8** Sjå til
at det ikkje må vera nokon som gjer dykk til herfang
med verdsleg visdom og tom dåring etter fråsegner av
menneskje, etter barnelærdomen til verdi og ikkje etter
Kristus! **9** For i honom bur heile guddomsfylla likamleg.
**10** Og de er fyllte i honom, som er hovudet yver all
magt og yverråd; **11** i honom vart de og umskorne
med ei umskjering som ikkje er gjord med hender, ved
avklæding av kjøtslikamen, ved Kristi umskjering, **12**
då de vart gravlagde med honom i dåpen; der vart
de og uppvekte med honom ved trui på Guds kraft,
han som vekte honom upp frå dei daude. **13** Ogso
dykk, som var daude i dykkar misgjerningar og dykkar
kjøts fyrehud, gjorde han livande med honom, med di
han tilgav oss alle våre misgjerningar **14** og strauk ut
skuldbrevet mot oss, som var skrive med bodord, det
som vitna imot oss, og han rudde det undan med di
han nagla det til krossen. **15** Han avvæpna magterne
og yverråderne og synte deim openberleg fram då han
vann siger yver deim på krossen. **16** Lat difor ingen
døma dykk i mat eller drykk eller i saker um høgtid
eller nymåne eller kviledag! **17** desse ting er berre ein
skugge av det som skulde koma; men likamen høyrer
Kristus til. **18** Lat ingen røva sigersprisen frå dykk, um
nokon freistar på det med audmykt og engledyrking,

med det han fer med syner, vert ovmodig utan grunn av
sin kjøtlege hug 19 og ikkje held fast ved hovudet, han
som heile likamen veks Guds vokster ut ifrå, tilhjelpt og
samanfest ved sine ledmot og band. 20 Er de avdøyde
med Kristus frå barnelærdomen til verdi, kvi gjev dei
dykk då, som um de skulde liva i verdi, slike bod: 21
«Du skal ikkje taka, ikkje smaka, ikkje røra» 22 - det vil
segja slikt som då alt saman er etla til øyding ved bruk
- etter bod og lærdomar av menneskje, 23 som vel hev
ord for visdom ved sjølvgjord dyrking og audmykt og
vyrdløysa mot likamen, men ikkje ved noko som er
æra verdt, berre til mette for kjøtet?

3 Er de då uppreiste med Kristus, so søk det som er
der uppe, der Kristus sit ved Guds høgre hand! 2
Hav hug til det som er der uppe, ikkje til det som er på
jordi! 3 For de er daude, og dykkar liv er løynt med
Kristus i Gud. 4 Når Kristus, vårt liv, vert openberra, då
skal de og verta openberra med honom i herlegdom. 5
So døyd då dykkar jordiske lemer: Utukt, ureinskap,
ovhug, vond lyst og havesykje, som er avgudsdyrking!
6 for desse ting kjem Guds vreide yver dei vantruande;
7 millom deim ferdast de og fordom, den tid de livde
i desse ting; 8 men no skal de og leggja deim alle
av: Vreide, illska, vondskap, spotting, skamleg tale av
dykkar munn. 9 Ljug ikkje mot kvarandre, de som hev
klædt av dykk det gamle menneskje med dei gjerningar
det gjer, 10 og iklædt dykk det nye, som vert uppnya
til kunnskap etter sin skapars bilæte; 11 her er ikkje
grækar og jøde, umskjering og fyrehud, barbar, skyte,
træl, fri mann, men Kristus er alt og i alle. 12 Klæd dykk
då, som er Guds utvalde, heilage og kjære i hjarteleg
miskunn, godleik, audmykt, spaklynde, langmod, 13 so
de toler kvarandre og tilgjev kvarandre, um nokon hev
kjæremål imot nokon! som Kristus tilgav dykk, soleis
de og! 14 Men attåt alt dette klæd dykk i kjærleiken,
som er bandet um fullkomenskapen! 15 Og Kristi fred
råde i dykkar hjarto, den som de vart kalla til i ein
likam, og ver takksame! 16 Lat Kristi ord bu rikleg hjå
dykk, so de lærer og påminner kvarandre i all visdom
med salmar og lovsongar og åndelege visor, og syng
yndeleg i dykkar hjarto for Gud. 17 Og alt som de gjer
i ord eller gjerning, gjer det alt i Herren Jesu namn,
med takk til Gud Fader ved honom! 18 De konor, ver
mennerne dykkar undergjevne, so som det sømer seg
i Herren! 19 De menner, elska konorne dykkar og ver
ikkje beiske imot deim! 20 De born, lyd foreldri dykkar i
alle ting! for det er Herren til hugnad. 21 De feder, arga
ikkje dykkar born, so dei ikkje skal missa modet! 22 De
tenarar, ver lyduge i alle ting mot herrarne dykkar etter
kjøtet, ikkje med augnetenesta, liksom dei som strævar
etter å tekkjast menneskje, men i hjartans einfelde,
med di de ottast Herren! 23 Det de gjer, gjer det av
hjarta, so som for Herren og ikkje for menneskje, 24 då
de veit at de skal få arven til løn av Herren. Ten Herren
Kristus! 25 Men den som gjer urett, skal få den urett
att som han gjorde, og det vert ikkje gjort skil på folk.

4 De herrar, gjer imot dykkar tenarar det som rett
og rimelegt er, då de veit at de og hev ein Herre i
himmelen! 2 Ver trottige i bøni, so de vaker i henne
med takksegjing! 3 Og bed for oss med, at Gud må
opna oss ei dør for ordet til å forkynna Kristi løyndom,
den som eg og er i lekkjor for, 4 so eg kann openberra
honom so som eg bør tala. 5 Ferdast visleg med
deim som er utanfor, so de kjøper den laglege tid!
6 Dykkar tale vere alltid tekkjeleg, krydda med salt,
so de veit korleis de skal svara kvar og ein. 7 Kor
det gjeng meg, det skal Tykikus kunngjera dykk alt
saman, han min kjære bror og true medhjelpar og
medtenar i Herren, 8 som eg sender til dykk just for
dette, at de skal få vita korleis det er med oss, og han
skal trøysta dykkar hjarto, 9 saman med Onesimus,
den trune og kjære bror, som er ifrå dykk. Korleis
det er her, det skal dei kunngjera dykk alt saman. 10
Aristarkus, min medfange, helsar dykk, og Markus,
Barnabas' systkinbarn, som de fekk påbod um - når
han kjem til dykk, so tak imot honom! - 11 og Jesus
som og er kalla Justus; desse er av dei umskorne dei
einaste medarbeidarar for Guds rike som hev vorte
meg til hugge. 12 Epafras helsar dykk, han som er ifrå
dykk, ein Kristi Jesu tenar som alltid strider for dykk i
sine bøner, at de må standa fullkomne og fullvisse i
all Guds vilje; 13 for eg gjev honom det vitnemål, at
han hev mykje stræv for dykk og deim i Laodikea og
deim i Hierapolis. 14 Lukas helsar dykk, den kjære
lækjaren, og Demas. 15 Helsa brørne i Laodikea, og
Nymfas og kyrkjelyden i hans hus! 16 Og når dette
brevet er lese hjå dykk, so syt for at det og vert lese i
kyrkjelyden hjå laodikearane, og at de fær lesa brevet
frå Laodikea! 17 Og seg til Arkippus: «Tak vare på den
tenesta som du hev motteke i Herren, so du fullfører
henne!» 18 Helsing med mi, Paulus', hand: Kom i hug
mine lekkjor! Nåden vere med dykk!

# 1 Tessalonikerne

**1** Paulus og Silvanus og Timoteus - til kyrkjelyden
åt tessalonikarane i Gud Fader og Herren Jesus
Kristus: Nåde vere med dykk og fred! **2** Me takkar
alltid Gud for dykk alle, når me kjem dykk i hug i
bønerne våre, **3** med di me uavlatande minnest dykkar
verksemd i trui og arbeid i kjærleiken og tolmod i voni
på vår Herre Jesus Kristus for vår Gud og Faders åsyn,
**4** då me er visse på at de er utvalde, brør, de som er
elska av Gud. **5** For vårt evangelium kom ikkje til dykk
berre i ord, men og i kraft og i den Heilage Ande og i
stor fullvissa, liksom de veit korleis me var millom dykk
for dykkar skuld; **6** og de vart etterfylgjarar til oss og
til Herren då de tok imot ordet i myki trengsla med
gleda i den Heilage Ande, **7** so de vart eit fyredøme
for alle dei truande i Makedonia og Akaia. **8** For ifrå
dykk hev Herrens ord ljoda ut, ikkje berre i Makedonia
og Akaia, men alle stader er dykkar tru på Gud komi
ut, so me ikkje treng til å tala noko um det; **9** for dei
fortel sjølve um oss, kva inngang me fann hjå dykk, og
korleis de vende dykk til Gud frå avgudarne, til å tena
den livande og sanne Gud **10** og venta på hans son frå
himmelen, honom som han vekte upp frå dei daude,
Jesus, som frelsar oss frå den komande vreiden.

**2** For de veit sjølve, brør, um vår inngang hjå dykk, at
han ikkje hev vore til fåfengs. **2** Men endå me fyreåt
hadde lide og vorte ille medfarne i Filippi, som de veit,
fekk me då frimod i vår Gud til å tala Guds evangelium
til dykk i stor strid. **3** For vår forkynning kjem ikkje
av villfaring eller av urein hug eller med svik. **4** Men
liksom me er haldne verdige av Gud til å få evangeliet
yverlate, soleis talar me, ikkje som dei som vil tekkjast
menneskje, men Gud, han som prøver hjarto våre. **5**
For korkje kom me noko sinn med smeikjande ord,
som de veit, eller med fyrebering for havesykja, Gud er
vitne, **6** og ikkje heller søkte me æra av menneskje,
korkje av dykk eller av andre, endå me kunde ha
kravt vyrdnad som Kristi apostlar. **7** Men me var milde
millom dykk: Som ei mor vermer borni ved barmen, **8**
soleis var me i inderleg kjærleik til dykk viljuge til å
gjeva dykk ikkje berre Guds evangelium, men og vårt
eige liv med, av di de vart oss kjære. **9** For de minnest
då, brør, vårt stræv og vår møda: Medan me arbeidde
natt og dag, so me ikkje skulde vera nokon av dykk til
tyngsla, forkynte me Guds evangelium for dykk. **10**
De er vitne, og Gud med, kor heilagt og rettferdigt og
ulastande me ferdast hjå dykk, de truande! **11** liksom
de veit kor me påminte kvar og ein av dykk, som ein
far borni sine, og lagde dykk på hjarta **12** og bad dykk
inderleg at de skulde ferdast so som verdigt er for
Gud, som hev kalla dykk til sitt rike og sin herlegdom.
**13** Difor takkar me og uavlatande Gud for, at då de
fekk det Guds ord me forkynte, so tok de imot det,
ikkje som eit menneskje-ord, men - som det i sanning
er - som eit Guds ord, som og ter seg verksamt i dykk
som trur. **14** For de, brør, hev vorte etterfylgjarar til dei
Guds kyrkjelydar som er i Kristus Jesus i Judæa; for
de hev og lide det same av dykkar eigne samættingar
som dei hev lide av jødarne, **15** som og slo Herren
Jesus og profetarne i hel og forfylgde oss og ikkje er
Gud til hugnad og stend alle menneskje imot, **16** då
dei meinkar oss i å tala til heidningarne, at dei kann
verta frelste - so dei alltid må fylla sitt syndemål. Men
vreiden hev endeleg nått deim. **17** Men då me, brør, ei
liti stund hadde vore skilde frå dykk med åsyn, ikkje
med hjarta, so hev me i vår store lengting gjort oss so
mykje større umak for å få sjå dykkar åsyn; **18** for me
hev vilja koma til dykk - eg, Paulus, både ein gong
og tvo gonger - men Satan hindra oss derifrå. **19** For
kven er vel vår von eller gleda eller heiderskrans? Er
ikkje de det og for vår Herre Jesu Kristi åsyn i hans
tilkoma? **20** For de er vår æra og gleda.

**3** Difor, då me ikkje lenger kunde halda det ut, rådde
me oss til å verta åleine att i Aten, **2** og me sende
Timoteus, vår bror og Guds tenar i Kristi evangelium,
til å styrkja dykk og påminna dykk um dykkar tru, **3** at
ikkje nokon skulde verta ustød i desse trengslor. De
veit sjølve at me er sette til det; **4** for då me var hjå
dykk, sagde me dykk fyreåt at me skulde lida trengslor,
so som det og gjekk, og som de veit. **5** Difor sende eg
og bod, då eg ikkje lenger kunde halda det ut, so eg
kunde få vita um dykkar tru, um freistaren skulde ha
freista dykk, og vårt arbeid skulde verta til unyttes.
**6** Men no, då Timoteus er komen til oss frå dykk og
hev bore oss godt bod um dykkar tru og kjærleik, og
at de alltid hev oss i venlegt minne og lengtar etter
å sjå oss, liksom me etter dykk, **7** so er me dermed
trøysta yver dykk, brør, i all vår trengsla og naud, ved
dykkar tru. **8** For no liver me, so framt de stend faste
i Herren. **9** For kva takk kann me gjeva Gud att for
dykk, for all den gleda som me kjenner yver dykk for
vår Guds åsyn, **10** medan me natt og dag naudbed um
å få sjå dykkar åsyn og bøta på det som endå vantar i
dykkar tru? **11** Men han, vår Gud og Fader, og vår
Herre Jesus styre vår veg til dykk! **12** Og dykk gjere
Herren fullrådde og ovrike på kjærleik til kvarandre og
til alle, liksom me er det mot dykk, **13** for at han kann
styrkja hjarto dykkar, so de vert ulastelege i heilagdom
for vår Gud og Faders åsyn, når vår Herre Jesus kjem
med alle sine heilage!

**4** Elles no, brør, bed og påminner me dykk i Herren
Jesus, at liksom de hev lært av oss korleis de
skal ferdast og tekkjast Gud, som de og gjer, so må
de alt meir fremdast deri. **2** For de veit kva bod me
gav dykk ved Herren Jesus. **3** Dette er Guds vilje,
dykkar helging: at de skal halda dykk frå utukt; **4** at
kvar og ein av dykk veit å vinna seg sin eigen make
i helging og æra, **5** ikkje med ovhug i lyst, so som
heidningarne som ikkje kjenner Gud; **6** at ingen skal
gjera bror sin uskil eller svik i det som han hev å gjera
med honom; for Herren er hemnar for alt slikt, som
me og fyrr hev sagt og vitna for dykk. **7** For Gud kalla
oss ikkje til ureinskap, men til helging. **8** Den som då
mismæter dette, han mismæter ikkje eit menneskje,
men Gud, som og gjev sin Heilage Ande i dykk. **9**
Men um broderkjærleiken treng de ikkje til at nokon
skriv til dykk; for de er sjølve lærde av Gud til å elska
kvarandre; **10** for de gjer det og mot alle brørne i heile
Makedonia. Men me legg dykk på hjarta, brør, at de alt
meir må fremdast deri **11** og setja dykkar æra i å liva
stilt og taka vare på dykkar eigne saker og arbeida
med henderne, som me hev bode dykk, **12** so de må
ferdast sømeleg med deim som er utanfor, og ikkje
trenga til nokon. **13** Men eg vil ikkje, brør, at de skal
vera uvitande um deim som er avsovna, so de ikkje
skal syrgja liksom dei andre, som ikkje hev nokor von.
**14** So sant som me trur at Jesus døydde og stod upp,
so skal og Gud ved Jesus føra deim som er avsovna
saman med honom. **15** For dette segjer me dykk med
eit ord av Herren, at me som liver, som vert att til dess
Herren kjem, ikkje skal koma i fyrevegen for deim som
er avsovna; **16** for Herren sjølv skal koma ned frå
himmelen med bjodande rop, med yverengels røyst og
med Guds basun, for dei som er avlidne i Kristus, skal
fyrst standa upp; **17** so skal me som liver, som vert
att, saman med deim verta rykte i skyer upp i lufti til å
møta Herren, og so skal me alltid vera med Herren. **18**
So trøysta då kvarandre med desse ord!

**5** Men um tiderne og stunderne treng de, brør, ikkje
til at me skriv til dykk; **2** for de veit sjølve grant
at Herrens dag kjem som ein tjuv um natti. **3** Når
dei segjer: «Fred og ingen f re!» då kjem ein brå
undergang yver deim, liksom føderidi yver den som
er med barn, og dei skal slett ikkje sleppa undan.
**4** Men de, brør, er ikkje i myrkret, so dagen skulde
koma på dykk som ein tjuv; **5** for de er alle born av
ljoset og born av dagen; me høyrer ikkje natti eller
myrkret til. **6** Lat oss difor ikkje sova som dei andre,
men lat oss vaka og vera ædrue! **7** For dei som søv,
dei søv um natti, og dei som drikk seg drukne, dei er
drukne um natti; **8** men me som høyrer dagen til, lat
oss vera ædrue, klædde med den brynja som er tru
og kjærleik, og med voni um frelsa som ein hjelm! **9**
For Gud etla oss ikkje til vreide, men til å vinna frelsa
ved vår Herre Jesus Kristus, **10** han som døydde
for oss, so me, anten me vaker eller søv, skal liva
saman med honom. **11** Påminn difor kvarandre, og
uppbygg einannan innbyrdes, so som de og gjer! **12**
Men me bed dykk, brør, at de skynar på deim som
arbeider ibland dykk og er dykkar forstandarar i Herren
og påminner dykk, **13** og at de vyrder deim storleg
høgt i kjærleik for deira gjerning skuld! Haldt fred med
kvarandre! **14** Og me legg dykk på hjarta, brør: Påminn
dei uskipelege, trøysta dei vanmodige, hjelp dei veike,
ver langmodige mot alle! **15** Sjå til at ingen gjev nokon
vondt att for vondt, men stræva alltid etter det som
godt er, både mot kvarandre og mot alle! **16** Ver alltid
glade! **17** Bed uavlatande! **18** Takka for alle ting! for
dette er Guds vilje i Kristus Jesus til dykk. **19** Sløkk
ikkje ut Anden! **20** Mismæt ikkje profetord! **21** men prøv
alt, hald fast på det gode! **22** Haldt dykk frå vondt av
alle slag! **23** Men han sjølv, fredsens Gud, helga dykk
heilt ut, og gjev at dykkar ånd og sjæl og likam må
verta haldne fullkomne, ulastande når vår Herre Jesus
Kristus kjem! **24** Han som hev kalla dykk, er trufast,
han skal og gjera det. **25** Brør, bed for oss! **26** Helsa
alle brørne med ein heilag kyss! **27** Eg manar dykk ved
Herren, at de let brevet verta lese for alle dei heilage
brørne. **28** Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykk!

# 2 Tessalonikerne

**1** Paulus og Silvanus og Timoteus til kyrkjelyden åt
tessalonikarane i Gud, vår Fader, og Herren Jesus
Kristus: **2** Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår
Fader, og Herren Jesus Kristus! **3** Me er skuldige til å
takka Gud alltid for dykk, brør, som sømelegt er, for di
dykkar tru veks rikleg, og kjærleiken til kvarandre vert
større hjå kvar og ein av dykk alle, **4** so at me sjølve
rosar oss av dykk i Guds kyrkjelydar for dykkar tolmod
og tru i alle dykkar forfylgjingar og dei trengslor som
de held ut - **5** eit fyrebod um Guds rettferdige dom -
for at de skal verta funne verdige til Guds rike, det
som de og lid for, **6** so sant som det er rettferdigt for
Gud å gjeva deim trengsla att som trengjer dykk, **7**
og gjeva dykk som vert trengde, ro med oss når vår
Herre Jesus openberrar seg frå himmelen med sitt
veldes englar, **8** med logande eld, når han tek hemn
yver deim som ikkje kjenner Gud, og deim som ikkje
lyder vår Herre Jesu evangelium, **9** dei som skal lida
refsing, ei æveleg fortaping burt frå Herrens åsyn og
frå hans veldes herlegdom, **(aiōnios g166)** **10** når han
kjem på den dagen for å syna seg herleg i sine heilage
og underleg i alle dei truande - for vårt vitnemål til dykk
vart motteke med tru. **11** Difor bed me og alltid for
dykk, at vår Gud må finna dykk verdige til kallet og
kraftigt fylla dykk med all hug til det gode og verksemd
i trui, **12** so vår Herre Jesu namn må verta herleggjort i
dykk, og de i honom, etter vår Guds og Herren Jesu
Kristi nåde!

**2** Me bed dykk, brør, vedkomande vår Herre Jesu
Kristi tilkoma og vår sameining med honom, **2** at
de ikkje so snart må lata dykk villa burt frå vitet eller
skræma, korkje ved nokor ånd eller ved nokon tale
eller ved noko brev, liksom det skulde vera frå oss,
som um Herrens dag alt stod for døri. **3** Lat ingen
dåra dykk på nokon måte! for fyrst lyt fråfallet koma
og syndmenneskjet verta openberra, fortapingssonen,
**4** han som set seg imot og upphøgjer seg yver alt
som heiter Gud eller heilagdom, so han set seg i
Guds tempel og gjev seg sjølv ut for å vera Gud. **5**
Minnest de ikkje at eg sagde dykk dette medan eg
endå var hjå dykk? **6** Og no veit de kva som held
att, so han fyrst skal verta openberra i si tid. **7** For
løyndomen i lovløysa er alt verksam, berre at den som
no held att, vert rudd undan; **8** og då skal den lovlause
verta openberra, han som Herren Jesus skal tyna med
sin munns ande og gjera til inkjes ved openberringi
i si tilkoma. **9** Og hans tilkoma gjeng fyre seg etter
Satans kraftige verknad med all kraft og teikn og under
av lygni, **10** og med all dåring av urettferdi for deim
som vert fortapte, av di dei ikkje tok imot kjærleik til
sanningi, so dei kunde verta frelste. **11** Og difor sender
Gud deim kraftig villfaring, so dei trur lygni, **12** so
alle dei skal verta dømde, som ikkje hev havt tru til
sanningi, men havt hugnad i urettferdi. **13** Men me er
skuldige til å takka Gud alltid for dykk, brør, som er
elska av Herren, for di Gud frå upphavet tok dykk ut til
frelsa ved helging av Anden og tru på sanningi, **14**
som han kalla dykk til ved vårt evangelium, til å vinna
vår Herre Jesu Kristi herlegdom. **15** Difor, brør, stat
traust og hald fast ved dei lærdomar som de hev lært
anten ved vår tale eller ved brev frå oss! **16** Men han
vår Herre Jesus Kristus, og Gud, vår Fader, som elska
oss og gav oss ei æveleg trøyst og ei god von i nåde,
**(aiōnios g166)** **17** han trøyste dykkar hjarto og styrkje
dykk i all god gjerning og tale!

**3** Elles, brør, bed for oss at Herrens ord må hava
framgang og syna seg herlegt liksom hjå dykk, **2**
og at me må verta utfria frå dei uliklege og vonde
menneskje; for trui er ikkje kvar manns sak. **3** Men
Herren er trufast, han skal styrkja dykk og vara dykk
frå det vonde. **4** Me hev den tiltru til dykk i Herren,
at de både gjer og kjem til å gjera det som me byd
dykk. **5** Men Herren styre dykkar hjarto til å elska Gud
og til å venta på Kristus med tolmod! **6** Men me byd
dykk, brør, i vår Herre Jesu Kristi namn, at de held
dykk frå kvar ein bror som ferdast uskipeleg og ikkje
etter den lærdom som de fekk av oss. **7** For de veit
sjølve korleis de skal etterfylgja oss; for me livde ikkje
uskipeleg millom dykk; **8** og me åt ikkje heller brød hjå
nokon for inkje, men i strev og møda arbeidde me natt
og dag, for at me ikkje skulde vera nokon av dykk til
tyngsla, **9** ikkje for det at me ikkje hev rett til det, men
at me kunde gjeva dykk eit fyredøme i oss sjølve, so
de skulde etterfylgja oss; **10** for då me var hjå dykk,
baud me dykk og dette, at um nokon ikkje vil arbeida,
skal han heller ikkje eta. **11** Me høyrer nemleg at sume
ferdast uskipeleg millom dykk, so dei ikkje arbeider,
men fer med slikt som ikkje kjem deim ved. **12** Men
slike byd og påminner me i Herren Jesus Kristus, at
dei skal arbeida i stilla og eta sitt eige brød. **13** Men
de, brør, vert ikkje trøytte av å gjera det som godt er!
**14** Men um nokon ikkje lyder vårt ord her i brevet, so
merk dykk honom; hav ikkje samkv me med honom,
so han må blygjast! **15** og haldt honom ikkje for ein
fiende, men påminn honom som ein bror! **16** Men
han, fredsens Herre, gjeve dykk fred alltid i alle måtar!
Herren vere med dykk alle! **17** Helsing med mi, Paulus'
hand, som er eit merke i kvart brev. Soleis skriv eg: **18**
Vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykk alle!

# 1 Timoteus

**1** Paulus, Kristi Jesu apostel etter påbod frå Gud, vår
frelsar, og Kristus Jesus, vår von, **2** til Timoteus,
min egtefødde son i trui: Nåde, miskunn, fred frå Gud
Fader og Kristus Jesus, vår Herre! **3** Som eg bad
deg vera att i Efesus, då eg for til Makedonia, for at
du skulde bjoda sume folk at dei ikkje skal fara med
framand læra, **4** og ikkje ansa eventyr og endelause
ættartal, som heller fører til stridsspursmål enn til å
vera Guds hushaldarar i trui: so gjer no det! **5** Men
endemålet med bodet er kjærleik av eit reint hjarta og
eit godt samvit og ei uskrymta tru, **6** som sume hev
fare vilt ifrå og vendt seg burt til tomt svall, **7** dei som vil
vera lovlærarar, endå dei korkje skynar det dei sjølve
segjer eller kva det er dei talar so fullvist um. **8** Men
me veit at lovi er god, dersom nokon brukar henne på
lovleg vis, **9** so han veit dette, at lovi ikkje er sett for
ein rettferdig, men for lovlause og agelause, ugudlege
og syndarar, vanheilage og ureine, fadermordarar og
modermordarar, manndråparar, **10** horkarar, syndarar
mot naturi, menneskjerøvarar, ljugarar, meineidarar, og
um det elles er noko som er imot den heilsame læra,
**11** etter evangeliet um den sæle Guds herlegdom, det
som er meg yverlate. **12** Eg takkar honom som gjorde
meg sterk, Kristus Jesus, vår Herre, at han heldt meg
for tru, med di han sette meg til tenesta, **13** meg som
fyrr var ein spottar og forfylgjar og valdsmann, men eg
fekk miskunn, av di eg gjorde det uvitande, i vantru, **14**
og nåden hjå vår Herre viste seg ovleg stor i tru og
kjærleik i Kristus Jesus. **15** Sant er det ordet og vel
verdt å taka imot, at Kristus Jesus kom til verdi for å
frelsa syndarar, og millom deim er eg den største; **16**
men difor fekk eg miskunn, at Jesus Kristus kunde
syna alt sitt langmod på meg fyrst, til eit fyredøme for
deim som skulde tru på honom til ævelegt liv. **(aiōnios
g166)** **17** Men den ævelege konge, den uforgjengelege,
usynlege, einaste Gud vere pris og æra i all æva!
Amen. **(aiōn g165)** **18** Dette bod legg eg deg på hjarta,
min son Timoteus, etter dei spådomar som fyrr er
sagde um deg, so du i deim skal strida den gode
striden, **19** med di du hev tru og eit godt samvit, som
sume hev støytt ifrå seg og lide skipbrot på trui; **20**
imillom deim er Hymenæus og Aleksander, som eg
hev gjeve yver til Satan, so dei skal verta tukta til å
lata vera å spotta.

**2** Eg påminner framfor alle ting um at det vert
gjort bøner, påkallingar, forbøner, takksegjingar for
alle menneskje, **2** for kongar og alle dei som er i
yverrådande stand, at me kann liva eit stilt og rolegt
liv i all gudleg age og søma. **3** For dette er godt og
tekkjelegt for Gud, vår frelsar, **4** han som vil at alle
menneskje skal verta frelste og koma til å kjenna
sanningi. **5** For ein Gud er det, ein millommann er det
og millom Gud og menneskje, det menneskjet Kristus
Jesus, **6** han som gav seg sjølv til løysepening for
alle, eit vitnemål i si tid; **7** og for dette vart eg sett til
forkynnar og apostel - eg segjer sanning, eg lyg ikkje -
til lærar for heidningarne i tru og sanning. **8** Eg vil då
at mennerne på kvar stad skal beda so, at dei lyfter
heilage hender utan vreide og ordstrid, **9** like eins og
at kvinnorne skal pryda seg med sømeleg klædnad i
blygd og æra, ikkje med flettingar og gull eller perlor
eller dyr klædebunad, **10** men som det sømer seg
kvinnor som vedkjenner seg gudlegdom, med gode
gjerningar. **11** Ei kvinna skal lata seg læra i stilla med
all lydnad. **12** Men eg gjev ikkje ei kvinna lov til å læra
eller å bjoda yver mannen, men å vera i stilla. **13** For
Adam vart skapt fyrst, og so Eva; **14** og Adam vart
ikkje dåra; men kvinna vart dåra og fall i misgjerning.
**15** Men ho skal verta frelst gjenom si barneign, um dei
vert standande i tru og kjærleik og helging med æra.

**3** Det er eit sant ord: Um nokon trår etter eit
tilsynsembætte, so hev han lyst til ei gjæv gjerning.
**2** Difor skal ein tilsynsmann vera ulastande, mann til ei
kvinna, ædrueleg, visleg, verdig, gjestmild, dugleg til å
læra frå seg, **3** ikkje drikkekjær, ikkje hardhendt, men
godlyndt, ikkje stridsam, ikkje pengekjær, **4** ein som
styrer vel sitt eige hus, og hev lyduge born med all
søma **5** - um nokon ikkje veit å styra sitt eige hus, kor
kann han då hava umsut for Guds kyrkja? - **6** ikkje ein
ny-umvend, so han ikkje skal ovmoda seg og falla i
djevelens dom. **7** Men han skal og hava godt vitnemål
av deim som er utanfor, so han ikkje skal få lastord og
falla i djevelens snara. **8** Like eins skal tenarane for
kyrkjelyden vera vyrdelege, ikkje tvitunga, ikkje kjære
etter mykje vin, ikkje lystne etter låk vinning, **9** slike
som hev løyndomen i trui i eit godt samvit. **10** Dei og
skal fyrst verta prøvde; sidan skal dei tena kyrkjelyden,
um dei er ulastelege. **11** Like eins skal kvinnorne vera
vyrdelege, ikkje baktalande, men ædruelege, true i alle
ting. **12** Tenarane for kyrkjelyden skal kvar vera mann
til ei kona og styra vel sine born og sine eigne hus. **13**
For dei som hev tent kyrkjelyden vel, dei vinn seg eit
godt støde og stort frimod i trui på Kristus Jesus. **14**
Dette skriv eg til deg, endå eg vonar å koma snart til
deg, **15** men um eg drygjer, at du so skal vita korleis ein
skal ferdast i Guds hus, som er kyrkja åt den livande
Gud, pilaren og grunnvollen til sanningi. **16** Og som
kvar må sanna, stor er den løyndom i gudlegdomen:
Han som vart openberra i kjøt, rettferdiggjord i ånd,
sedd av englar, forkynt millom folkeslag, trudd i verdi,
uppteken i herlegdom.

**4** Men Anden segjer klårleg, at i dei komande tider
skal sume falla frå trui og halda seg til dårande
ånder og lærdomar av djevlar **2** ved hykling av falske
lærarar, som er brennemerkte i sitt eige samvit, **3** som
forbyd å gifta seg og påbyd å halda seg frå mat, som
Gud hev skapt til å verta motteken med takk av deim
som trur og hev lært sanningi å kjenna. **4** For all Guds
skapning er god, og inkje er til å vanda, når det vert
motteke med takk; **5** for det vert helga med Guds ord
og bøn. **6** Når du lærer brørne dette, so er du ein god
Jesu Kristi tenar, med di du vert uppfødd med ordi av
trui og den gode lærdomen som du hev fylgt. **7** Men
haldt deg frå dei vanheilage og kjerringslege eventyr,
men tem deg derimot upp i gudlegdom! **8** For den
likamlege tamen er gagnleg til lite, men gudlegdom er
gagnleg til alt; med di han hev lovnad for det livet som
no er og for det som kjem. **9** Det ord er sant og all
fagning verdt. **10** For difor både arbeider me og lid
hæding, for di me hev sett vår von til den livande Gud,
som er frelsar for alle menneskje, mest dei truande. **11**
Dette skal du bjoda og læra. **12** Lat ingen vanvyrda deg
for din ungdom, men ver eit fyredøme for dei truande i
tale, i ferd, i kjærleik, i tru, i reinleik! **13** Til dess eg
kjem, so legg vinn på fyrelesnaden, på påminningi, på
læra! **14** Vanskøyt ikkje den nådegåva som er i deg,
som vart gjevi deg ved profetord med handpåleggjing
av dei eldste! **15** Tenk på dette, liv i dette, so din
framgang kann vera kunnig for alle! **16** Gjev agt på deg
sjølv og på læra, haldt ved med det! for når du det gjer,
skal du frelsa både deg sjølv og deim som høyrer deg.

**5** Tala ikkje hardt til ein gamall mann, men påminn
honom som ein far, unge menner som brør, **2** gamle
kvinnor som møder, unge som syster i all reinleik! **3**
Heidra enkjor som verkeleg er enkjor! **4** Men um ei
enkja hev born eller barneborn, so lat deim fyrst læra å
visa eit gudlegt huglag imot sitt eige hus og gjeva sine
foreldre vederlag, for det er tekkjelegt for Guds åsyn.
**5** Men den som verkeleg er enkja og einsleg vorti, ho
hev sett si von til Gud og held ved i bøn og påkalling
natt og dag; **6** men den som liver etter lysterne sine, er
livande daud. **7** Og dette skal du bjoda, so dei må
vera ulastelege! **8** Men um nokon ikkje hev umsut for
sine eigne og mest for sine husfolk, han hev forneitta
trui og er verre enn ein vantruande. **9** Ei enkja kann
verta vald, når ho ikkje er yngre enn seksti år, um ho
hev vore ein manns kona, **10** hev vitnemål for gode
gjerningar, hev fostra upp born, hev vist gjestmilda, hev
tvætta føterne til dei heilage, hev vore dei naudtrengde
til hjelp, hev lagt vinn på all god gjerning. **11** Men vis
dei unge enkjor frå deg! for når dei av kjøtleg hug svik
Kristus, so vil dei gifta seg, **12** og hev dermed den dom
at dei hev brote si fyrste tru. **13** Men attåt dette lærer
dei og å ganga yrkjelause og fare ikring i husi, og ikkje
berre yrkjelause, men og med drøsor og gagnløysa,
med di dei fer med ulikleg tale. **14** Eg vil difor at unge
enkjor skal gifta seg, føda born, styra huset, ikkje gjeva
motstandaren tilhøve til lastord. **15** For sume hev alt
vendt seg burt etter Satan. **16** Dersom nokon truande
mann eller kvinna hev enkjor, so syta dei for deim,
og lata ikkje kyrkjelyden verta tyngd, so han kann
syta for dei verkelege enkjor! **17** Dei eldste som er
gode forstandarar, skal ein halda tvifald æra verde,
mest deim som arbeider i tale og læra; **18** for Skrifti
segjer: «Du skal ikkje leggja muleband på ein ukse
som treskjer!» og «Ein arbeidsmann er si løn verd.»
**19** Tak ikkje imot noko klagemål mot ein eldste utan
etter tvo eller tri vitne! **20** Deim som syndar, skal du
refsa so alle høyrer på, so at og dei andre kann hava
otte. **21** Eg vitnar for Gud og Kristus Jesus og dei
utvalde englar, at du skal taka vare på dette utan
fordom, so du ikkje gjer noko av godtykkje. **22** Ver ikkje
snar til å leggja henderne på nokon, gjer deg ikkje
medskuldig i framande synder! Haldt deg sjølv rein!
**23** Drikk ikkje lenger berre vatn, men nøyt lite grand
vin for magen din og dine jamlege sjukdomar! **24** Hjå
nokre menneskje er synderne openberre og kjem i
fyrevegen for deim til dom; men hjå andre fylgjer dei
etter. **25** Like eins er dei gode gjerningarne openberre;
og dei som det ikkje er so med, kann ikkje verta dulde
like vel.

**6** So mange som er trælar under oket, skal halda
herrarne sine all æra verde, so ikkje Guds namn og
læra skal verta spotta. **2** Men dei som hev truande
herrar, skal ikkje vanmæta deim for di dei er brør, men
skal so mykje heller gjera si tenesta, av di dei som
tek imot velgjerningi av deim, er truande og elska.
Dette skal du læra og påminna um. **3** Dersom nokon
lærer framand læra og ikkje held seg til vår Herre
Jesu Kristi heilsame ord og den læra som høver til
gudlegdom, **4** so er han ovmodig, endå han ingen ting
skynar, men er sjuk for stridsspursmål og ordkivsmål,
som det kjem ovund av og trætta, spotting, vond
mistru, **5** stendig krangling millom menneskje som
er øydelagde i hugen og skilde med sanningi, dei
som held gudlegdomen for ein veg til vinning. **6** Ja,
gudlegdom saman med nøgsemd er ei stor vinning; **7**
for me hev ikkje havt noko med oss til verdi, det er då
audsynt at me ikkje heller kann føra noko med oss
derifrå; **8** men når me hev føda og klæde, skal me
vera nøgde med det. **9** Men dei som vil verta rike, fell
i freisting og snara og mange dårlege og skadelege
lyster, som søkkjer menneski ned i undergang og
fortaping. **10** For pengehugen er ei rot til alt vondt;
av trådom deretter hev sume fare vilt frå trui og hev

gjenomstunge seg sjølve med mange pinslor. **11** Men
du, Guds menneskje, fly frå desse ting! Men trå etter
rettferd, gudlegdom, tru, kjærleik, tolmod, spaklynde!
**12** Strid den gode striden i trui! grip det ævelege liv,
som du vart kalla til og bar fram den gode vedkjenningi
for mange vitne! **(aiōnios g166)** **13** Eg byd deg for Gud,
som gjev alle ting liv, og for Kristus Jesus, som vitna
den gode vedkjenning for Pontius Pilatus, **14** at du
skal halda bodet uflekka og ulastelegt til vår Herre
Jesu Kristi openberring, **15** som den sæle og einaste
megtige Herre skal visa oss i si tid, han som er kongen
yver kongarne og herren yver herrarne, **16** han som
åleine hev udøyelegdom, som bur i eit ljos som ingen
kann koma til, som inkje menneskje hev set eller kann
sjå; han hev æra og æveleg magt! Amen. **(aiōnios g166)**
**17** Bjod deim som er rike i den noverande verdi, at dei
ikkje skal ovmoda seg eller setja si von til den uvisse
rikdomen, men til Gud, som gjev oss rikleg alle ting å
njota; **(aiōn g165)** **18** at dei skal gjera godt, vera rike på
gode gjerningar, gjevmilde, velgjerdsame, **19** so dei
legg seg upp ein god grunnvoll for den komande tid,
so dei kann gripa det sanne liv. **20** Du, Timoteus, tak
vare på det som er nedlagt hjå deg, og vend deg frå
det vanheilage tome svall og dei motsegner av den
kunnskap, som falskeleg vert kalla so, **21** som sume
vedkjenner seg og hev fare vilt i trui! Nåden vere med
deg!

# 2 Timoteus

**1** Paulus, ved Guds vilje Kristi Jesu apostel til å
forkynna lovnaden um livet i Kristus Jesus, **2** til
Timoteus, min kjære son: Nåde, miskunn, fred frå Gud
Fader og Kristus Jesus, vår Herre! **3** Eg takkar Gud,
som eg alt frå forfederne tener i eit reint samvit, liksom
eg uavlatande kjem deg i hug i mine bøner natt og
dag, **4** og når eg hugsar dine tåror, lengtar eg etter å
sjå deg, so eg kann verta fyllt med gleda, **5** då eg er
mint um den skrymtlause trui som er i deg, den som
fyrst budde i Lois, mormor di, og i Eunike, mor di, og
som eg er viss på bur i deg og. **6** Difor minner eg deg
um å kveikja upp att den Guds nådegåva som er i
deg ved mi handpåleggjing. **7** For Gud gav oss ikkje
ei ande som verkar modløysa, men ein som verkar
kraft og kjærleik og umtanke. **8** Skjemmast difor ikkje
ved vår Herres vitnemål eller ved meg, hans fange,
men lid vondt med meg for evangeliet i Guds kraft! **9**
han som frelste oss og kalla oss med eit heilagt kall,
ikkje etter våre gjerningar, men etter si eigi rådgjerd
og den nåden som er oss gjeven i Kristus Jesus frå
ævelege tider, **(aiōnios g166)** **10** men no er openberra
ved vår frelsar Jesu Kristi openberring, han som gjorde
dauden til inkjes og førde liv og uforgjengelegdom
fram for ljoset ved evangeliet; **11** og for det vart eg
sett til forkynnar og apostel og lærar for heidningar.
**12** Difor lid eg og dette, men eg skjemmest ikkje ved
det; for eg veit kven eg hev sett mi tru til, og eg er
viss på at han er megtig til å taka vare på det som er
yvergjeve til meg, til hin dagen. **13** Hav til fyredøme dei
heilsame ordi som du høyrde av meg, i tru og kjærleik
i Kristus Jesus! **14** Tak vare på den fagre skatt som er
yvergjeven til deg, ved den Heilage Ande, som bur
i oss! **15** Du veit dette, at alle dei i Asia vende seg
frå meg, og millom dei er Fygelus og Hermogenes.
**16** Herren vise miskunn mot Onesiforus' hus! for han
hugga meg ofte og skjemdest ikkje ved mine lekkjor.
**17** Men då han var komen til Rom, leita han med stor
umak etter meg og fann meg. **18** Herren gjeve at han
må finna miskunn hjå Herren på hin dagen! Og kor
mykje han tente meg i Efesus, det veit du best.

**2** So vert då du, son min, sterk ved nåden i Kristus
Jesus! **2** Og det som du hev høyrt av meg i
nærvære av mange vitne, gjev det yver til trufaste
menneskje, som er duglege til ogso å læra andre! **3** Lid
vondt med meg som ein god Kristi Jesu stridsmann! **4**
Ingen som gjer hertenesta, fløkjer seg inn i livsens
syslor, so han kann tekkjast herføraren. **5** Men um ein
og strider i tevling, so fær han då ikkje kransen dersom
han ikkje strider retteleg. **6** Den bonde som arbeider,
skal fyrst njota frukterne. **7** Skyna det som eg segjer!
for Herren skal gjeva deg skyn på alt. **8** Kom Jesus
Kristus i hug, som er uppvekt frå dei daude, av Davids
ætt, etter mitt evangelium, **9** det som eg lid vondt for
like til dette å vera bunden som ein illgjerdsmann; men
Guds ord er ikkje bunde. **10** Difor toler eg alt for dei
utvalde skuld, for at dei og skal vinna frelsa i Kristus
Jesus med æveleg herlegdom. **(aiōnios g166)** **11** Det
er eit sant ord; for er me daude med honom, skal
me og leva med honom; **12** held me ut, skal me og
styra med honom; forneittar me, skal han og forneitta
oss; **13** er me trulause, so er han trufast; seg sjølv
kann han ikkje forneitta. **14** Minn um dette, med di du
vitnar for Herrens åsyn, at dei ikkje må liggja i ordstrid,
som ikkje er til noko gagn, men til undergang for dei
som høyrer på! **15** Legg vinn på å framstella deg sjølv
som sannrøynd for Gud, ein arbeidar som ikkje tarv
skjemmast, med di du lærer sannings-ordet retteleg!
**16** Men haldt deg frå det vanheilage tome svall! for dei
gjeng alltid lenger i gudløysa, **17** og ordi deira kjem til å
eta um seg som daudkjøt; millom deim er Hymenæus
og Filetus, **18** som hev fare vilt frå sanningi, med di
dei segjer at uppstoda alt hev vore, og dei riv ned trui
hjå sume. **19** Men Guds faste grunnvoll stend og hev
dette innsigle: «Herren kjenner sine, » og: «Kvar den
som nemner Herrens namn, skal vika frå urettferd.» **20**
Men i eit stort hus er det ikkje berre kjerald av gull og
sylv, men og av tre og leir, og nokre til æra, andre til
vanæra. **21** Um nokon då held seg rein frå desse, so
skal han vera eit kjerald til æra, helga og nytlegt for
husbonden, tilreidt til all god gjerning. **22** Men fly frå dei
ungdomslege lyster, og trå etter rettferd, tru, kjærleik,
fred med deim som påkallar Herren av eit reint hjarta!
**23** Og vis ifrå deg dei dårlege og fåvise stridsspursmål,
då du veit at dei føder strid! **24** Men ein Herrens tenar
må ikkje strida, men vera mild imot alle, dugleg til å
læra frå seg, viljug til å tola vondt, **25** so han med
spaklynde tuktar dei som segjer imot, um Gud då ein
gong vilde gjeva deim umvending, so dei kunde kjenna
sanningi, **26** og vakna or ruset i djevelens snara, han
som dei er fanga av til å gjera hans vilje.

**3** Men dette skal du vita, at i dei siste dagar skal det
koma vande tider. **2** For folk skal vera sjølvkjære,
pengekjære, storordige, stormodige, spottsame,
ulyduge mot foreldre, utakksame, vanheilage, **3**
ukjærlege, upålitande, baktalande, umåtelege, umilde,
utan kjærleik til det gode, **4** svikefulle, framfuse,
ovmodige, slike som elskar lysterne sine meir enn
Gud, **5** som hev skin av gudlegdom, men forneittar
hans kraft. Vend deg frå desse! **6** For til deim høyrer
dei som snikjer seg inn i husi og fangar kvinnfolk som

er tyngde med synder og vert drivne av mangeslag
lyster 7 og alltid lærer og aldri kann koma til å kjenna
sanningi. 8 Som Jannes og Jambres stod imot Moses,
so stend dei og imot sanningi, menneskje som er
øydelagde i hugen, duglause i trui. 9 Men dei skal
ikkje koma lenger; for deira fåvit skal verta audsynt for
alle, liksom det og vart med hine. 10 Men du hev fylgt
etter mi læra, mi ferd, mitt forset, mi tru, mitt langmod,
min kjærleik, mitt tolmod, 11 mine forfylgjingar, mine
lidingar, slike som møtte meg i Antiokia, i Ikonium, i
Lystra; slike forfylgjingar hev eg halde ut, og Herren
hev fria meg ut or deim alle. 12 Og alle som vil liva
gudleg i Kristus Jesus, skal verta forfylgde. 13 Men
vonde menneskje og slike som kverver syni på folk,
gjeng fram til det som er verre, med di dei fører vilt og
fer vilt. 14 Men du, vert du standande i det som du hev
lært, og som du er yvertydd um, då du veit kven du
hev lært det av, 15 og då du alt frå barndomen kjenner
dei heilage skrifter som kann gjera deg vis til frelsa ved
trui på Kristus Jesus. 16 Heile skrifti er innanda av Gud
og er dugleg til lærdom, til yvertyding, til rettleiding, til
uppseding i rettferd, 17 so gudsmannen kann verta
fullkomen, dugleg til all god gjerning.

4 Eg vitnar for Gud og Kristus Jesus, som skal døma
livande og daude, og ved hans openberring og
hans rike: 2 Forkynn ordet, statt nær med det i tid og i
utid, yvertyd, refs, påminn med alt langmod og all læra!
3 For det skal koma ei tid då dei ikkje skal tola den
heilsame læra, men etter sine eigne lyster taka seg
sjølve lærarar i flokketal, med di dei klæjar dei i øyra,
4 og dei skal venda øyra frå sanningi og venda seg til
eventyr. 5 Men ver du edru i alle ting, lid vondt, gjer ein
evangeli-forkynnars gjerning, fullfør di tenesta! 6 For
eg vert alt ofra, og tidi til mi avferd stundar til. 7 Eg hev
stridt den gode striden, eg hev fullenda laupet, eg hev
halde trui. 8 So ligg då rettferdskransen reidug til meg,
den som Herren, den rettferdige domar, skal gjeva meg
på hin dagen, då ikkje berre meg, men alle som hev
elska hans openberring. 9 Gjer deg umak med å koma
snart til meg! 10 For Demas forlet meg av kjærleik til
den noverande verdi og for til Tessalonika, Kreskens
til Galatia, Titus til Dalmatia. (aiōn g165) 11 Lukas er
åleine hjå meg. Tak Markus og før honom med deg,
for han er meg nyttug til tenesta. 12 Tykikus hev eg
sendt til Efesus. 13 Når du kjem, so tak med deg den
kåpa som eg let att i Troas hjå Karpus, og bøkerne,
serleg skinnbøkerne! 14 Koparsmeden Aleksander
gjorde meg mykje vondt. Herren kjem til å løna han
etter hans gjerningar! 15 Agta deg for honom du og! for
han stod hardt imot våre ord. 16 Ved mitt fyrste forsvar
møtte ingen med meg, men alle forlet meg. Gjev det
ikkje må verta deim tilrekna! 17 Men Herren stod med
meg og styrkte meg, so forkynningi ved meg skulde
verta fullførd, og alle folkeslag få høyra henne; og eg
vart utfria or løvegapet. 18 Herren skal fria meg frå all
vond gjerning og frelsa meg inn i sitt himmelske rike.
Honom vere æra i all æva! Amen. (aiōn g165) 19 Helsa
Priska og Akvilas og Onesiforus' hus! 20 Erastus vart
att i Korint. Trofimus let eg etter meg sjuk i Milet. 21
Gjer deg umak med å koma fyre vinteren! Eubulus og
Pudens og Linus og Klaudia og alle brørne helsar deg.
22 Herren Jesus vere med di ånd! Nåden vere med
dykk!

# Titus

**1** Paulus, Guds tenar og Jesu Kristi apostel til å føra
Guds utvalde til tru og til å kjenna den sanning
som høyrer til gudlegdom, **2** i von um ævelegt liv,
som Gud, han som ikkje lyg, hev lova frå ævelege
tider, **(aiōnios g166)** **3** men no i si tid hev han openberra
sitt ord ved den forkynning som vart meg yvergjevi
etter Guds, vår frelsars, fyresegn - **4** til Titus, min
egtefødde son i den sams trui: Nåde og fred frå Gud
Fader og Kristus Jesus, vår frelsar! **5** For den skuld let
eg deg etter på Kreta, at du skulde skipa til det som
vanta, og setja inn eldste i kvar by, so som eg pålagde
deg, **6** um det er nokon som er ulastande, mann til ei
kvinna, hev truande born som ikkje hev vondt ord for
skamløysa eller er ulyduge. **7** For ein tilsynsmann skal
vera ulastande som ein Guds hushaldar, ikkje sjølvgod,
ikkje vondlyndt, ikkje drikkekjær, ikkje hardhendt, ikkje
lysten etter låk vinning, **8** men gjestmild, glad i det
gode, visleg, rettferdig, heilag, fråhalden, **9** ein som
held seg til det truverdige ord etter læra, so han kann
vera før både til å påminna med den heilsame læra
og til å tala deim til rettes som segjer imot. **10** For
det er mange agelause, som fer med fåfengd tale og
dårar hugen, mest dei av umskjeringi. **11** Desse skal
ein målbinda; for dei riv ned heile hus, med di dei
lærer slikt som ikkje sømer seg, for skamleg vinning
skuld. **12** Ein av deim, deira eigen profet, hev sagt:
«Kretarar er alltid ljugarar, vonde dyr, late bukar.»
**13** Dette vitnemålet er sant; difor skal du refsa deim
strengt, so dei må verta heile i trui **14** og ikkje ansa
jødiske eventyr og bod av menneskje som vender
seg frå sanningi. **15** Alt er reint for dei reine; men
for dei ureine og vantruande er ingen ting rein; men
både deira hug og samvit er ureine. **16** Dei segjer
at dei kjenner Gud; men i sine gjerningar forneittar
dei honom, med di dei er styggjelege og ulyduge og
duglause til all god gjerning.

**2** Men du skal tala slikt som høver til den heilsame
læra: **2** at gamle menn skal vera ædrue, vyrdelege,
vislege, heile i trui, i kjærleiken, i tolmodet; **3** like eins
at gamle kvinnor i si åtferd skal te seg som det sømer
dei heilage, ikkje vera baktalende, ikkje trælar under
drykk, men vegleidarar i det gode, **4** so dei kann læra
dei unge kvinnorne å elska mennerne sine og borni
sine, **5** til å vera vislege, reine, huslege, gode, sine
menner undergjevne, so Guds ord ikkje skal verta
spotta. **6** Dei unge menner skal du like eins påminna
um å vera vislege, **7** og vis deg sjølv i alle ting som eit
fyredøme i gode gjerningar, og vis i di læra reinleik,
vyrdnad, **8** heilsam, ulasteleg tale, so motstandaren
må verta skjemd, når han inkje vondt hev å segja
um oss. **9** Tenarar skal du påminna um å vera sine
eigne herrar undergjevne, å tekkjast deim i alle ting,
ikkje segja imot, **10** ikkje vera utrue, men visa all god
truskap, so dei i alle ting kann vera til pryda for Guds,
vår frelsars, læra. **11** For Guds nåde er openberra til
frelsa for alle menneskje, **12** med di han uppsedar oss
til å segja frå oss gudløysa og dei verdslege lyster
og liva viseleg og rettferdigt og gudleg i den verdi,
**(aiōn g165)** **13** medan me ventar på den sæle von og
openberringi av den store Guds og vår frelsar Jesu
Kristi herlegdom, **14** han som gav seg sjølv for oss,
so han kunde løysa oss ut frå all urettferd og reinsa
seg eit eigedomsfolk som er ihuga til gode gjerningar.
**15** Dette skal du tala og påminna og refsa med all
fyresegn. Lat ingen vanvyrda deg!

**3** Minn deim um å vera styremagter og yverråder
undergjevne, vera lyduge, reidebune til all god
gjerning, **2** ikkje spotta nokon, vera fredlege, godlyndte,
visa all spaklynde mot alle menneskje. **3** For me var og
eingong uvituge, ulyduge, villfarande, trælande under
mangeslag lyster og fysnor, livande i vondskap og
ovund, hata og hatande kvarandre. **4** Men då Guds,
vår frelsars, godleik og mannemilde vart openberra, **5**
frelste han oss - ikkje for rettferdige gjerningar skuld,
som me hadde gjort, men etter si miskunn - ved badet
til atterføding og uppnying ved den Heilage Ande, **6**
som han rikleg hev rent ut yver oss ved Jesus Kristus,
vår frelsar, **7** so me, rettferdiggjorde ved hans nåde, i
voni skulde verta ervingar til det ævelege liv. **(aiōnios**
**g166)** **8** Dette er eit sant ord! Og dette vil eg at du skal
prenta inn, so dei som trur på Gud, må leggja vinn på
å gjera gode gjerningar. Dette er godt og gagnlegt for
menneski; **9** men dårlege stridsspursmål og ættartal
og kivsmål og trettor um lovi skal du halda deg ifrå,
for dei er gagnlause og fåfengde. **10** Eit ranglærande
menneskje skal du visa frå deg, når du hev påminnt
honom ein gong og tvo gonger, **11** då du veit at ein slik
er rangsnudd og syndar, fordømd av seg sjølv. **12** Når
eg sender Artemas til deg eller Tykikus, so gjer deg
umak med å koma til meg i Nikopolis; for der hev eg
tenkt å vera vinteren yver. **13** Zenas, den lovlærde, og
Apollos skal du med umhug hjelpa i vegen, so dei ikkje
skal vanta noko. **14** Men lat og våre læra å driva på
gode gjerningar, etter som torv er til, so dei ikkje skal
vera fruktlause. **15** Alle som er hjå meg, helsar deg.
Helsa deim som elskar oss i trui! Nåden vere med
dykk alle!

# Filemon

1 Paulus, Kristi Jesu fange, og broderen Timoteus
til Filemon, vår kjære ven og medarbeidar, 2 og til
Apfia, vår syster, og til Arkippus, vår medstridsmann,
og til kyrkjelyden i ditt hus: 3 Nåde vere med dykk
og fred frå Gud, vår Fader, og Herren Jesus Kristus!
4 Eg takkar alltid min Gud, når eg kjem deg i hug i
bønerne mine, 5 då eg høyrer um din kjærleik og den
tru som du hev til Herren Jesus og til alle dei heilage,
6 at deira samfund med deg i trui må verta verksamt
for Kristus i kjennskapen til alt det gode som er i dykk.
7 For eg fekk stor gleda og trøyst ved din kjærleik, av
di dei heilage er hugga i hjarta ved deg, bror! 8 Difor,
endå eg hev stort frimod i Kristus til å påleggja deg det
som sømelegt er, 9 so bed eg då heller for kjærleiken
skuld. Slik som eg er, den gamle Paulus, men no og
Kristi Jesu fange, 10 bed eg deg for son min, som eg
hev avla i mine lekkjor, Onesimus, 11 som fyrr var
unyttug for deg, men no er nyttug for deg og for meg,
han som eg sender attende til deg. 12 Tak du imot
honom, det er mitt eiga hjarta! 13 Eg hadde hug til
å få hava honom hjå meg, so han i din stad kunde
tena meg i mine lekkjor for evangeliet, 14 men utan ditt
samtykkje vilde eg ingen ting gjera, so din godleik ikkje
skulde vera liksom av tvang, men av fri vilje. 15 For
kann henda han difor vart skild frå deg for ei stund, at
du kunde få honom att til æveleg eiga, (aiōnios g166) 16
ikkje lenger som træl, men meir enn ein træl, som ein
kjær bror, serleg for meg, men kor mykje meir for deg,
både i kjøtet og i Herren! 17 So sant du då held meg
for din medbror, so tak imot honom som meg sjølv! 18
Og hev han gjort deg nokon urett, eller er han deg
noko skuldig, so før det på mi rekning. 19 Eg, Paulus,
skriv med mi eigi hand: Eg skal betala det - at eg ikkje
skal segja deg, at du skyldar meg endå deg sjølv. 20
Ja, bror, lat meg då hava gagn av deg i Herren, hugga
mitt hjarta i Kristus! 21 I tiltru til din lydnad skriv eg
dette til deg, eg er viss på at du vil gjera endå meir
enn eg segjer. 22 Stell so og til herbyrge åt meg; for eg
vonar at eg ved dykkar bøner skal verta dykk gjeven.
23 Epafras, min medfange i Kristus Jesus, helsar deg;
24 like eins Markus, Aristarkus, Demas, Lukas, mine
medarbeidarar. 25 Vår Herre Jesu Kristi nåde vere
med dykkar ånd!

# Hebreerne

**1** Etter at Gud fordom hadde tala mange gonger og
på mange måtar til federne gjenom profetarne, **2** so
hev han i desse siste dagar tala til oss gjenom Sonen.
Honom hev han sett til erving yver alle ting, og ved
honom hev han og gjort verdi. **(aiōn g165)** **3** Han er
avglansen av hans herlegdom og avbilætet av hans
grunn-hått, og ber alle ting ved sitt veldes ord, og då
han hadde gjort reinsing for synderne våre, sette han
seg difor ved høgre handi åt Majestæten i det høge,
**4** og han hev vorte so mykje hævare enn englarne
som han hev ervt eit herlegare namn framfor deim.
**5** For kven av englarne hev han noko sinn sagt det
til: «Du er son min, eg hev født deg i dag?» og atter:
«Eg vil vera honom ein far, og han skal vera meg ein
son.» **6** Men når han atter fører den fyrstefødde inn i
verdi, segjer han: «Og alle Guds englar skal tilbeda
honom.» **7** Og um englarne segjer han: «Han som gjer
englarne sine til vindar og tenarane sine til eldsloge;
» **8** men um Sonen: «Din kongsstol, Gud, stend i all
æva; ein kongsstav med rettvisa er kongsstaven i ditt
rike. **(aiōn g165)** **9** Du elska rettferd og hata urett; difor
hev Gud, din Gud, salva deg med fagnads olje framfor
dine medbrør.» **10** Og: «Du, Herre, grunnfeste jordi frå
upphavet, og himlarne er verk av dine hender; **11** dei
skal forgangast, men du vert verande, og dei skal alle
eldast som ein klædnad, **12** og som ei kåpa skal du
rulla deim saman, og dei skal verta umskifte, men du
er den same, og dine år skal ikkje få ende.» **13** Men
kven av englarne hev han noko sinn sagt det til: «Set
deg ved mi høgre hand, til dess eg legg dine fiendar til
skammel under dine føter?» **14** Er dei ikkje alle saman
tenande ånder, som vert utsende til tenesta for deira
skuld som skal erva frelsa?

**2** Difor skal me so mykje meir agta på det me hev
høyrt, so me ikkje skal driva undan. **2** For dersom
det ord som var tala ved englar, stod fast, og kvar
misgjerd og ulydnad mot det fekk si rettferdige løn, **3**
kor skal då me sleppa undan, um me ikkje vyrder so
stor ei frelsa? den som fyrst vart forkynt ved Herren og
er komi vitnefast til oss ved deim som høyrde honom,
**4** med di Gud vitna med både ved teikn og under og
ymse kraftverk og tildeiling av den Heilage Ande etter
sin vilje. **5** For det var ikkje under englar, han lagde
den komande verdi som me talar um. **6** Men ein hev
vitna ein stad og sagt: «Kva er eit menneskje, at du
kjem det i hug, eller ein menneskjeson, at du ser til
honom? **7** du gjorde honom lite lægre enn englarne;
med herlegdom og æra krynte du honom og sette
honom yver dei verk dine hender gjorde; **8** alle ting
lagde du under hans føter.» For då han lagde alle ting
under honom, so tok han ingen ting undan som ikkje
er honom underlagd; men no ser me endå ikkje at alle
ting er honom underlagde. **9** Men den som var gjord
lite lægre enn englarne, Jesus, honom ser me, av di
han leid dauden, krynt med herlegdom og æra, so han
ved Guds nåde skulde smaka dauden for alle. **10** For
det sømde seg honom som alt er til for, og som alt er
til ved, då han førde mange born til herlegdom, ved
lidingar å fullenda frelse-hovdingen deira. **11** For både
den som helgar, og dei som vert helga, er alle av ein;
difor skjemmest han ikkje ved å kalla deim brør, **12** når
han segjer: «Eg vil forkynna ditt namn for mine brør,
eg vil lovsyngja deg midt i lyden; » **13** og atter: «Eg vil
setja mi tru til honom; » og atter: «Sjå, her er eg og dei
born Gud hev gjeve meg.» **14** Då no borni hev kjøt og
blod saman, so vart han og på dilik måte samhavande
deri, for at han ved dauden skulde gjera den til inkjes
som hadde daudens velde, det er djevelen, **15** og fria
ut alle deim som av rædsla for dauden var i trældom
all si livstid. **16** For englar han tek seg då vel ikkje av,
men Abrahams ætt tek han seg av. **17** Difor laut han
verta brørne sine lik i alle ting, so han kunde verta ein
miskunnsam og trufast øvsteprest for Gud til å gjera
soning for synderne åt folket. **18** For av di han sjølv
hev lide og vore freista, so kann han koma deim til
hjelp som vert freista.

**3** Difor, heilage brør, som er luthavande i eit himmelsk
kall! sjå på den apostel og øvsteprest som me
kjennest ved, Jesus, **2** han som var tru mot den som
gjorde honom dertil, liksom og Moses var i heile hans
hus! **3** For denne er halden so mykje større æra verd
enn Moses, som den som hev bygt huset, hev større
æra enn huset sjølv. **4** Kvart hus er det einkvan som
byggjer, men den som hev bygt alt, det er Gud. **5** Og
Moses var vel tru i heile hans hus som ein tenar til
å vitna um det som skulde verta tala, **6** men Kristus
stend som son yver huset hans; og hans hus er me, so
framt me held vårt frimod og den voni me rosar oss av,
fast alt til enden. **7** Difor, som den Heilage Ande segjer:
«I dag, um de høyrer hans røyst, **8** so forherd ikkje
dykkar hjarto som på argingsstaden på freistingsdagen
i øydemarki, **9** der federne dykkar freista meg; dei
prøvde meg, endå dei såg mine gjerningar i fyrti år. **10**
Difor harmast eg på denne ætti og sagde: «Dei fer
alltid vilt i hjarta; » men dei kjende ikkje mine vegar, **11**
so eg svor i min vreide: «Sanneleg, dei skal ikkje koma
inn til mi kvila!»» **12** Sjå til, brør, at det ikkje i nokon av
dykk skal vera eit vondt, vantruande hjarta, so han fell
frå den livande Gud! **13** Men påminn kvarandre kvar
dag, so lenge som det heiter: «i dag», so ikkje nokon
av dykk skal verta forherd ved dåring av syndi! **14** For

me hev fenge lut med Kristus, so framt me held vår
fyrste fulle vissa fast til enden. 15 Når det vert sagt: «I
dag, um de høyrer hans røyst, so forherd ikkje dykkar
hjarto som på argingsstaden, » 16 kven var då dei
som høyrde og arga honom? Var det ikkje alle dei som
gjekk ut or Egyptarland ved Moses? 17 Men kven var
det han harmast på i fyrti år? var det ikkje på deim som
hadde synda, so deira kroppar fall i øydemarki? 18 Og
kven var det han svor um, at dei ikkje skulde koma inn
til hans kvila, utan um deim som var vantruande? 19
So ser me då at dei ikkje kunde koma inn for vantru
skuld.

4 Lat oss difor taka oss i vare for at nokon av dykk
skal synast å verta standande etter, då ein lovnad
um å koma inn til hans kvila endå stend att. 2 For
fagnadbodet er og forkynt oss liksom hine; men deim
gagna ikkje det ordet som dei høyrde, av di det ikkje
ved trui var sameina med deim som høyrde det. 3
For me som er komne til trui, me gjeng inn til kvila
etter det som han hev sagt: «So eg svor i min vreide:
«Sanneleg, dei skal ikkje koma inn til mi kvila, »»
endå gjerningarne var fullførde alt sidan verdi var
grunnlagd. 4 For han hev ein stad sagt so um den
sjuande dagen: «Og Gud kvilde den sjuande dagen
frå alle sine gjerningar.» 5 Og atter på denne staden:
«Sanneleg, dei skal ikkje koma inn til mi kvila.» 6 Då
det soleis stend att, at nokre skal koma inn til henne,
og dei som fyrst fekk fagnadbodet, ikkje kom inn for
vantru skuld, 7 so set han atter ein dag: «i dag, »
med di han segjer ved David etter so lang tid, som
sagt er: «I dag, um de høyrer hans røyst, so forherd
ikkje dykkar hjarto!» 8 For dersom Josva hadde ført
deim til kvila, so hadde han ikkje tala um ein annan
dag deretter. 9 So stend det då att ei kviledagshelg
for Guds folk. 10 For den som er komen inn til hans
kvila, han hev og fenge kvila frå sine gjerningar liksom
Gud frå sine. 11 Lat oss difor leggja vinn på å koma
inn til den kvila, so ikkje nokon skal falla etter det
same fyredøme på vantru. 12 For Guds ord er livande
og kraftigt og kvassare enn noko tvieggja sverd, og
trengjer seg igjenom til dess det kløyver sjæl og ånd,
ledmot og merg, og dømer hjartans tankar og råder,
13 og ingen skapning er løynd for hans åsyn, men alt
er nake og bert for hans augo som me hev å gjera
med. 14 Sidan me då hev ein stor øvsteprest, som
hev gjenge gjenom himlarne, Jesus, Guds Son, so lat
oss halda fast på vedkjenningi! 15 For me hev ikkje
ein øvsteprest som ikkje kann hava medynk med vår
vesaldom, men ein som er røynd i alle ting i likning med
oss, då utan synd. 16 Lat oss difor med frimod ganga
fram for nådens kongsstol, so me kann få miskunn og
finna nåde til hjelp i rette tid!

5 For kvar øvsteprest vert teken bland menneskje og
vert innsett for menneskje til tenesta for Gud, til å
bera fram gåvor og slagtoffer for synder, 2 som ein
sovoren som kann vera linnhjarta mot dei vankunnige
og villfarande, av di han og sjølv ligg under vesaldom,
3 og for den skuld lyt han bera fram syndoffer, liksom
for folket, so og for seg sjølv. 4 Og ingen tek seg sjølv
den æra til, men den som vert kalla av Gud liksom
Aron. 5 So hev ikkje Kristus heller tillagt seg den æra
å verta øvsteprest, men han som sagde til honom:
«Du er min son, eg hev født deg i dag.» 6 Liksom han
og segjer ein annan stad: «Du er prest til æveleg tid
etter Melkisedeks vis.» (aiōn g165) 7 Og han hev i sitt
kjøts dagar med sterkt rop og tåror bore fram bøner
og naudbeding til honom som kunde frelsa honom frå
dauden, og vart bønhøyrd for sin gudlegdom, 8 og
soleis lærde han, endå han var son, lydnad av det
han leid; 9 og då han var fullenda, vart han upphav til
æveleg frelsa for alle deim som lyder honom, (aiōnios
g166) 10 med di Gud kalla honom øvsteprest etter
Melkisedeks vis. 11 Um dette hev me mykje å segja,
som og er vandt å leggja ut, då de hev vorte seinføre
til å høyra. 12 For de som etter tidi skulde vore lærarar,
de treng atter til at ein lærer dykk dei fyrste grunnar i
Guds ord; og de hev vorte slike som treng til mjølk
og ikkje fast føda. 13 For kvar den som fær mjølk,
er urøynd i rettferds ord; for han er eit barn. 14 Men
fast føda er for vaksne, for deim som ved tame hev
tilvande sansar til å skilja millom godt og vondt.

6 Difor vil me springa yver barnelærdomen um Kristus
og skrida fram til det fullkomne, og ikkje atter leggja
grunnvollen med umvending frå daude gjerningar og
tru på Gud, 2 med læra um dåp og handpåleggjing og
uppstoda av daude og æveleg dom. (aiōnios g166) 3 Og
dette vil me gjera, um Gud gjev lov til det. 4 For det er
umogelegt at dei som ein gong er upplyste og hev
smaka den himmelske gåva og fenge lut i den Heilage
Ande 5 og smaka Guds gode ord og krafterne av den
komande verdi (aiōn g165) 6 og so fell frå, atter kann
uppnyast til umvending, sidan dei på nytt krossfester
Guds son for seg og gjer honom til spott. 7 For den
jordi som drikk regnet som ofte fell på henne, og ber
gagnleg grøda åt deim som ho vert dyrka for, ho fær
velsigning av Gud; 8 men ber ho tornar og tistlar, so er
ho udugleg og forbanning nær, og enden med henne
er å verta brend. 9 Men um dykk, kjære vener, er me
visse på det som betre er, og som høyrer til frelsa, um
me og talar soleis. 10 For Gud er ikkje urettferdig, so
han skulde gløyma dykkar verk og den kjærleiken som
de hev synt for hans namn, med di de hev tent og
endå tener dei heilage. 11 Men me ynskjer at kvar ein
av dykk må syna den same ihuge for den fulle vissa i

voni alt til enden, 12 so de ikkje skal verta seinføre,
men fylgja etter deim som ved tru og tolmod erver
lovnaderne. 13 For då Gud gav Abraham lovnaden, og
han ingen større hadde å sverja ved, so svor han ved
seg sjølv 14 og sagde: «Sanneleg, eg vil rikleg velsigna
deg og gjera deg storleg mangfaldig.» 15 Og soleis
vann han lovnaden, då han hadde venta med tolmod.
16 For menneskje sver ved ein større, og eiden er deim
ein ende på all motsegn til stadfesting. 17 Difor lagde
Gud ein eid til, då han enn meir vilde syna ervingarne
til lovnaden kor ubrigdeleg hans vilje var, 18 so me
ved tvo ubrigdelege ting, som Gud umogeleg kunde
svika i, skulde hava ei sterk trøyst, me som flydde til å
gripa den voni som ventar oss, 19 den me hev som eit
anker for sjæli, eit som er trygt og fast og når inn um
forhenget, 20 der Jesus gjekk inn som fyregangsmann
for oss, med di han vart øvsteprest etter Melkisedeks
vis til æveleg tid. (aiōn g165)

7 For denne Melkisedek, konge i Salem og den
høgste Guds prest, han som gjekk Abraham til
møtes då han kom att frå sin siger yver kongarne, og
som velsigna honom, 2 som Abraham og gav tiend
av alt; han som er, når hans namn vert utlagt, fyrst
rettferds konge, dinæst og Salems konge, det er freds
konge, 3 som er utan far, utan mor, utan ættartal, og
som korkje hev dagars byrjing eller livs ende, men er
gjord lik med Guds son: han vert prest for alltid. 4 Og
sjå kor stor han er, som Abraham, patriarken, endå
gav tiend av herfanget! 5 Og dei av Levi søner som
fær prestedømet, hev påbod um å taka tiend etter lovi
av folket, det er av sine brør, endå desse er komne
or Abrahams lend. 6 Men denne, som ikkje reknar si
ætt frå deim, han tok tiend av Abraham og velsigna
den som hadde lovnaderne. 7 Men utan all motsegn
er det den ringare som vert velsigna av den høgre.
8 Og her er det døyelege menneskje som tek tiend,
men der ein som det vert vitna um at han liver. 9 Og
um eg so må segja: Gjenom Abraham hev endå Levi,
som tek tiend, sjølv gjeve tiend; 10 for han var endå i
sin fars lend då Melkisedek gjekk honom til møtes.
11 Var det då fullkomenskap å vinna ved det levitiske
prestedømet - for det var folket bunde til ved lovi - kvi
turvest det då at ein annan prest skulde verta uppstelt
etter Melkisedeks vis og ikkje verta nemnd etter Arons
vis? 12 For når prestedømet vert umskift, vert det
naudsynleg og eit umskifte med lovi. 13 For han som
dette vert sagt um, høyrde til ei onnor ætt, og ingen av
henne hev tent for altaret. 14 Det er kjent nok at vår
Herre er upprunnen av Juda, og til den ætti hev ikkje
Moses tala noko um prestar. 15 Og det er endå meir
openbert, når ein annan prest vert uppstelt i likning
med Melkisedek, 16 ein som ikkje hev vorte det etter
eit kjøtlegt bods lov, men etter eit uforgjengelegt livs
kraft. 17 For han vitnar: «Du er prest til æveleg tid etter
Melkisedeks vis.» (aiōn g165) 18 For eit bod som fyrr
galdt, vert avlyst, av di det var magtlaust og gagnlaust
19 - for lovi førde ingen ting fram til fullkomenskap - og
ei betre von vert innført, som me nærmar oss til Gud
med. 20 Og so visst som det ikkje vart gjort utan eid 21
- for hine hev vorte prestar utan eid, men denne med
eid ved den som segjer til honom: «Herren hev svore,
og han skal ikkje angra det: «Du er prest til æveleg
tid etter Melkisedeks vis»» - (aiōn g165) 22 so visst er
det ei hævare pakt som Jesus hev vorte borgsmann
for. 23 Og hine prestarne hev vore fleire, då dei ved
dauden vart hindra i å halda ved. 24 Men denne hev eit
uforgjengelegt prestedøme, av di han vert verande til
æveleg tid. (aiōn g165) 25 Difor kann han og fullkomleg
frelsa deim som kjem til Gud ved honom, med di han
liver alltid til å ganga i bøn for deim. 26 For me laut og
hava ein sovoren øvsteprest som er heilag, uskuldig,
rein, skild frå syndarar og upphøgd yver himlarne, 27
ein som ikkje dagleg treng til, som øvsteprestarne, å
bera fram offer fyrst for sine eigne synder og so for
synderne åt folket; for det gjorde han ein gong for alle
då han ofra seg sjølv. 28 For lovi set til øvsteprestar
menneskje som hev vesaldom; men den eids ord som
kom etter lovi, set Sonen inn, han som er fullenda for
all æva. (aiōn g165)

8 Men ei hovudsak i det som her vert sagt, er: Me
hev ein sovoren øvsteprest som hev sett seg ved
høgre sida åt kongsstolen til Majestæten i himlarne,
2 med presteleg tenesta i heilagdomen, det sanne
tjeldet, som Herren hev reist og ikkje eit menneskje.
3 For kvar ein øvsteprest vert innsett til å bera fram
både gåvor og slagtoffer; difor er det naudsynlegt at
denne og hev noko som han kann bera fram. 4 For var
han no på jordi, so var han ikkje ein gong prest; for det
finst prestar som ber fram gåvorne etter lovi, 5 dei
som tener ei likning og ein skugge av det himmelske,
etter den fyreskrift Moses fekk då han skulde laga
tjeldet; for han segjer: «Sjå til at du fær gjort alt etter
det fyrebilætet som vart synt deg på fjellet!» 6 Men
no hev han fenge so mykje betre prestetenesta, som
det og er ei hævare pakt han er millommann for, med
di ho er grunnlagd på hævare lovnader. 7 For hadde
den fyrste vore ulastande, so var det ikkje søkt rom åt
ei onnor. 8 For det er lastord han talar til deim når
han segjer: «Sjå, det kjem dagar, segjer Herren, då eg
vil gjera ei ny pakt med Israels hus og Judas hus, 9
ikkje etter den pakti som eg gjorde med federne deira
den dagen då eg tok deim i handi og leide deim ut or
Egyptarland; for dei vart ikkje standande i mi pakt, og
so brydde eg meg ikkje um deim, segjer Herren. 10

For dette er den pakti som eg vil gjera med Israels hus
etter dei dagarne, segjer Herren: Eg vil gjeva loverne
mine i hugen deira og skriva deim inn i hjarto deira, og
eg vil vera deira Gud, og dei skal vera mitt folk, **11**
og dei skal ikkje læra kvar sin landsmann og kvar sin
bror og segja: «Kjenn Herren!» for dei skal alle saman
kjenna meg, frå den minste til den største av deim.
**12** For eg vil vera nådig mot misgjerderne deira, og
synderne deira vil eg ikkje lenger koma i hug.» **13** Med
di han segjer: «ei ny», hev han dømt den fyrste som
gamall; men det som vert gamalt og foraldra, er nær
ved å kverva burt.

**9** No hadde vel og den fyrste pakti sine fyreskrifter
um gudstenesta og den jordiske heilagdomen. **2**
For det vart laga eit tjeld, det fremste, og i det var
både ljosestaken og bordet og skodebrødi; dette er
kalla det heilage. **3** Og attanfor det andre forhenget
var det tjeldet som er kalla det høgheilage, **4** det som
hadde eit røykjelse-altar av gull og sambandskista,
som var klædd heilt kringum med gull; og i henne var
ei gullkrukka med manna og Arons stav, som hadde
blømt, og sambandstavlorne, **5** og ovan yver henne
herlegdoms kerubar, som skygde yver nådestolen;
men um desse ting skal me ikkje no tala stykke for
stykke. **6** Men då no dette er laga soleis, so gjeng
prestarne alltid inn i det fremste tjeldet når dei gjer si
tenesta. **7** Men i det andre gjeng berre øvstepresten
inn ein gong um året, ikkje utan blod, som han ber fram
for seg sjølv og for misferderne åt folket. **8** Dermed
syner den Heilage Ande dette, at vegen til heilagdomen
endå ikkje er openberra, so lenge det fremste tjeldet
stend. **9** For dette er eit bilæte på den noverande tid,
og i samhøve dermed vert både gåvor og slagtoffer
framborne, som ikkje kann gjera den fullkomen etter
samvitet, som tenar Gud, **10** men som berre er kjøtlege
fyreskrifter, saman med mat og drykk og alle slag
tvættingar, pålagde til dess tidi til rettarboti kom. **11**
Men då Kristus kom som øvsteprest for det tilkomande
gode, gjekk han gjenom det større og fullkomnare
tjeldet, som ikkje er gjort med hender, det er: som ikkje
er av denne skapning, **12** og ikkje med blod av bukkar
eller kalvar, men med sitt eige blod, ein gong inn i
heilagdomen og fann ei æveleg utløysing. **(aiōnios g166)**
**13** For dersom blodet av bukkar og uksar og oska av ei
kviga, når det vert skvett ut yver dei ureine, helgar til
reinleik på kjøtet, **14** kor mykje meir skal då blodet av
Kristus, som ved ei æveleg ånd bar seg sjølv fram
som eit ulastelegt offer for Gud, reinsa dykkar samvit
frå daude gjerningar til å tena den livande Gud! **(aiōnios g166)**
**15** Og difor er han millommann for ei ny pakt,
for at dei som er kalla, skal få den ævelege arven
som var lova, dermed at ein døydde til utløysing frå
misgjerningarne i den fyrste pakt. **(aiōnios g166)** **16** For
der det finst eit testament, der er det naudsynlegt, at
dauden hans som hev gjort testamentet, vert stadfest.
**17** For eit testament vert fyrst gjeldande etter dauden,
og det hev aldri kraft so lenge han liver som gjorde
testamentet. **18** Difor vart heller ikkje den fyrste pakt
innvigd utan blod. **19** For då kvart bod etter lovi var
forkynt av Moses for alt folket, so tok han blod av
kalvar og bukkar, saman med vatn, og skarlakraud ull
og isop, og skvette både på boki sjølv og på alt folket
**20** og sagde: «Dette er blodet til den pakt som Gud
hev gjeve bod um til dykk.» **21** Men ogso tjeldet og all
reidskapen som høyrde til gudstenesta, skvette han
like eins blodet på. **22** Og næstan alt vert etter lovi
reinsa med blod, og utan at blods utrenning vert det
ingi forlating. **23** So er det då naudsynlegt at avbilæti
av dei himmelske ting vert reinsa med slikt, men dei
himmelske ting sjølve med betre offer enn desse. **24**
For Kristus gjekk ikkje inn i ein heilagdom som var
gjord med hender, eit avbilæte av den sanne, men inn
i sjølve himmelen til å syna seg no for Guds åsyn for
vår skuld, **25** og ikkje heller so, at han fleire gonger
skulde ofra seg sjølv, liksom øvstepresten kvart år
gjeng inn i heilagdomen med framandt blod, **26** for då
hadde han ofte lote lida frå verdi vart grunnlagd; men
no er han ein gong ved enden av tiderne openberra til
å taka burt syndi ved sitt offer. **(aiōn g165)** **27** Og liksom
det er so laga at menneski lyt døy EIN gong, og sidan
kjem dom, **28** soleis er og Kristus ofra EIN gong for å
taka burt synderne frå dei mange; og andre gongen
skal han, utan synd, syna seg til frelsa for deim som
ventar på honom.

**10** For sidan lovi berre hev ein skugge av dei
tilkomande gode ting, men ikkje sjølve bilætet av
tingi, so kann ho aldri ved dei same årlege offer som
dei stødt ber fram, gjera deim fullkomne som kjem
fram med deim. **2** Elles hadde dei vel halde upp med å
bera deim fram, då dei ofrande ikkje lenger vilde havt
synder på samvitet når dei ein gong var reinsa. **3** Men
ved deim kjem årlegårs minning um synder. **4** For det
er umogelegt at blod av uksar og bukkar kann taka
burt synder. **5** Difor segjer han, då han stig inn i verdi:
«Offer og gåva vilde du ikkje hava, men ein likam laga
du åt meg; **6** brennoffer og syndoffer hadde du ikkje
hug på. **7** Då sagde eg: «Sjå, eg kjem - i bokrullen
er det skrive um meg - og vil gjera, Gud, din vilje.»»
**8** Fyrst segjer han: «Offer og gåva og brennoffer og
syndoffer vilde du ikkje hava, og du hadde ikkje hug på
deim» - endå dei vert framborne etter lovi -; **9** so segjer
han: «Sjå, eg kjem og vil gjera din vilje.» Han tek burt
det fyrste, for at han kann setja inn det andre. **10** Med
denne vilje er me helga ved ofringi av Jesu Kristi likam

ein gong for alle. 11 Og kvar prest stend der og gjer
dagstødt tenesta og ber fram mange gonger dei same
offer, som aldri kann taka burt synder; 12 men han hev
bore fram eit einaste offer for synder og hev so for
alltid sett seg ved Guds høgre hand 13 og ventar sidan
berre på at hans fiendar skal verta lagde til skammel
for føterne hans. 14 For med eit einaste offer hev han
for alltid gjort deim fullkomne som vert helga. 15 Men
det vitnar og den Heilage Ande for oss; for etter han
hev sagt: 16 «Dette er den pakti som eg vil gjera med
deim etter dei dagarne, » so segjer Herren: «Eg vil
gjeva loverne mine i hjarto deira, og skriva deim inn i
hugen deira, 17 og synderne deira og misgjerderne
deira vil eg ikkje lenger koma i hug.» 18 Men der det er
forlating for deim, der trengst det ikkje lenger noko offer
for synd. 19 So hev me då, brør, i Jesu blod frimod til å
ganga inn i heilagdomen, 20 som han hev vigt oss ein
ny og livande veg til, gjenom forhenget, det er hans
kjøt, 21 og me hev ein stor prest yver Guds hus. 22
Difor, lat oss stiga fram med eit sannferdelegt hjarta,
med full vissa i trui, reinsa i hjarto frå eit vondt samvit
og tvegne på likamen med reint vatn! 23 Lat oss halda
uruggeleg fast på å vedkjennast voni, for han er trufast
som gav lovnaden, 24 og lat oss agta på kvarandre, so
me kveikjer kvarandre til kjærleik og gode gjerningar
25 og ikkje skil oss frå vår eigi samling som sume hev
for skikk, men påminner kvarandre, og det so mykje
meir som de ser kor det lid mot dagen. 26 For syndar
me med vilje når me hev lært å kjenna sanningi, då er
det ikkje att meir noko offer for synder, 27 men berre ei
fælande gruv for dom og ein logande brennhug som
skal eta upp dei motstridige. 28 Når nokon hev brote
Mose lov, so døyr han utan miskunn etter ord av tvo
eller tri vitne; 29 kor mykje verre refsing trur de då
den skal verta kjend verd, som hev trødt Guds Son
under føter og vanvyrdt paktblodet som han vart helga
med, og svivyrdt nådens Ande! 30 For me kjenner
honom som hev sagt: «Hemnen høyrer meg til, eg skal
gjeva attgjeld, segjer Herren.» Og atter: «Herren skal
døma sitt folk.» 31 Det er gruelegt å falla i henderne
på den livande Gud. 32 Men kom i hug dei framfarne
dagar, då de, etter de var upplyste, tolde mykjen strid i
lidingar, 33 med di de snart sjølve ved hædingar og
trengslor vart til ei bisn, snart var samlidande med
deim som var so farne! 34 For de hadde og samhug
med fangarne, og de bar det med gleda at dykkar gods
vart rana, då de visste at de sjølve hadde ein betre
og varande eigedom. 35 Kasta difor ikkje burt dykkar
frimod, som hev stor løn! 36 For de treng til tolmod, so
de kann nå lovnaden når de hev gjort Guds vilje. 37
For endå er det berre so stutt ei stund, so kjem han
som koma skal, og han skal ikkje drygja. 38 «Men den
rettferdige, ved tru skal han liva; » og: «Um nokon dreg
seg undan, so hev mi sjæl ikkje hugnad i honom.»
39 Men me er ikkje av deim som dreg seg undan til
fortaping, men av deim som trur til frelsa for sjæli.

**11** Men tru er full vissa um det som ein vonar,
yvertyding um ting som ein ikkje ser. 2 For på
grunn av henne fekk dei gamle godt vitnemål. 3 Ved
tru skynar me at verdi er fullførd ved Guds ord, so
det som vert set, ikkje vart til av det synlege. **(aiōn
g165)** 4 Ved tru bar Abel fram for Gud eit betre offer
enn Kain; ved henne fekk han det vitnemål at han var
rettferdig, med di Gud vitna um gåvorne hans, og ved
henne talar han enno, etter han er daud. 5 Ved tru vart
Enok burtrykt, so han ikkje skulde sjå dauden, «og
han vart ikkje funnen, av di Gud hadde rykt honom
burt.» For fyrr han vart burtrykt, fekk han det vitnemål
at han tektest Gud; 6 men utan tru er det umogelegt å
tekkjast Gud; for den som vil koma til Gud, må tru at
han er til, og at han løner deim som søkjer honom. 7
Ved tru var det Noah, då Gud varsla honom um det
som ein ikkje såg endå, med heilag otte bygde ei ark
til frelsa for sitt hus; ved henne fordømde han verdi og
vart erving til den rettferd som er av tru. 8 Ved tru var
Abraham lydug då han vart kalla, so han gjekk til den
staden han skulde få til arv; og han tok ut, endå han
ikkje visste kvar han skulde koma. 9 Ved tru busette
han seg som utlending i det landet som var honom
lova, liksom i eit framandt land, og budde i tjeld saman
med Isak og Jakob, som var medervingar til den same
lovnaden; 10 for han venta på byen med dei faste
grunnvollarne, som Gud er byggmeister og skapar
til. 11 Ved tru fekk og Sara kraft til å grunnleggja ei
ætt, og det trass i alderen sin, for ho heldt honom for
trufast som hadde lova det. 12 Difor vart det og av ein,
og det ein utlivd, avla so mange som stjernorne på
himmelen og som sanden på havsens strand, som
ingen kann telja. 13 I tru døydde alle desse, utan dei
hadde nått det som var lova; men dei såg det langt
burte, og helsa det og sanna at dei var framande og
utlendingar på jordi. 14 For dei som segjer slikt, dei
syner at dei søkjer eit fedreland. 15 Og dersom dei
hadde tenkt på det som dei kom ifrå, so hadde dei
havt tid til å fara dit att; 16 men no stundar dei etter eit
betre, det er eit himmelsk; difor skjemmest ikkje Gud
ved deim, ved å kallast deira Gud; for han hev bygt ein
by ferdig åt deim. 17 Ved tru ofra Abraham Isak, då
han vart freista, ja, sin einborne ofra han som hadde
fenge lovnaderne, 18 han som det var sagt til: «Etter
Isak skal ætti di heita.» 19 For han tenkte at Gud var
megtig endå til å vekkja upp ifrå dei daude, og han
fekk honom liksom att derifrå. 20 Ved tru velsigna Isak
Jakob og Esau med syn på det som skulde koma. 21

Ved tru velsigna Jakob døyande kvar ein av Josefs
søner og tilbad, bøygd yver knappen på staven sin.
22 Ved tru tala Josef på sitt siste um at Israels born
skulde ganga ut, og gav påbod um beini sine. 23 Ved
tru vart Moses, då han var fødd, gøymd av foreldri
sine i tri månader, av di dei såg at det var so vænt eit
barn, og dei var ikkje rædde for kongens bod. 24 Ved
tru vilde Moses, då han vart stor, ikkje kallast dotterson
til Farao, 25 og valde heller å lida vondt saman med
Guds folk, enn å hava ei stuttvarug njoting av syndi,
26 då han heldt Kristi vanære for større rikdom enn
Egyptarlands skattar; for han såg fram til løni. 27 Ved
tru forlet han Egyptarland, urædd for kongens vreide;
for han heldt ut som um han såg den usynlege. 28
Ved tru heldt han påsken med utrenning av blodet, so
tynaren ikkje skulde røra deira fyrstefødde. 29 Ved tru
gjekk dei gjenom Raudehavet liksom yver turt land;
men då egyptarane freista på det same, drukna dei.
30 Ved tru fall Jerikos murar, då dei hadde gjenge kring
deim i sju dagar. 31 Ved tru slapp skjøkja Rahab å
ganga under med dei vantruande, då ho hadde teke
imot spæjarane med fred. 32 Og kvi talar eg meir?
Tidi vilde verta meg for stutt, um eg skulde fortelja
um Gideon og Barak og Samson og Jefta, um David
og Samuel og profetarne, 33 som ved tru sigra yver
kongerike, heldt uppe rettferd, vann lovnader, tepte
gapet på løvor, 34 sløkte elds magt, slapp undan
sverds egg, vart sterke att etter sjukdom, vart velduge i
strid, fekk fiendeherar til å vika. 35 Kvinnor fekk sine
daude att med di dei stod upp; andre vart utspana til
pinsla med di dei ikkje vilde taka imot utløysing, so
dei kunde vinna ei herlegare uppstoda; 36 andre fekk
røyna spotting og hudflengjing, ja endå til band og
fengsel. 37 Dei vart steina, gjenomsaga, freista, dei
vart drepne med sverd, dei flakka ikring i sauskinn og
geitskinn, leid naud og trengsla og hard medferd - 38
dei som verdi ikkje var verd, drivande um i øydemarker
og fjell og holor og jordklufter. 39 Og endå alle desse
fekk vitnemål for si tru, nådde dei ikkje lovnaden, 40
etter di Gud fyreåt hadde set ut noko betre for oss, so
dei ikkje skulde verta fullkomne utan oss.

**12** So lat no og oss, då me hev so stor ei sky av
vitne ikring oss, leggja av alt som tyngjer, og
syndi som heng so fast ved oss, og med tolmod renna
i den kappstrid som er oss fyresett, 2 med di me ser på
upphavsmannen og fullendaren til trui, Jesus, han som
for den gleda som var honom fyresett, bar krossen
med tol, utan å vyrda skjemsla, og no sit på høgre sida
åt Guds kongsstol. 3 Ja, tenk på honom som tolde
slik motsegn av syndarar imot seg, so de ikkje skal
trøytna og verta modlause i hugen! 4 Endå hev de
ikkje gjort motstand til blods i striden mot syndi, 5
og de hev gløymt den påminning som talar til dykk
som born: «Min son, vanmæt ikkje Herrens tukt, og
vanmodast ikkje når han refser deg! 6 for den Herren
elskar, den tuktar han, og han hudflengjer kvar son
som han tek seg av.» 7 Det er for tukti skuld at de
toler lidingar; Gud fer med dykk som med søner. For
kven er den son som faren ikkje tuktar? 8 Men er
de utan tukt, som alle hev fenge sin lut i, då er de
lausingar og ikkje søner. 9 Dessutan: våre feder etter
kjøtet hadde me til tuktarar og hadde age for deim;
skal me då ikkje mykje meir vera faderen til ånderne
undergjevne og få liva? 10 For hine tukta oss nokre få
dagar etter sitt tykkje, men han tuktar til vårt gagn, for
at me skal verta luthavande i hans heilagskap. 11 Men
all tukt synest vel, medan ho stend på, ikkje å vera
til gleda, men til sorg; men sidan gjev ho deim som
derved er upptamde, ei fred-rik frukt som er rettferd.
12 Difor, rett dei hangande hender og dei veike kne!
13 Og gjer rette farvegar for føterne dykkar, so det
halte ikkje skal skeiva ut, men heller vert lækt! 14 Trå
etter fred med alle og etter helging! for utan henne
skal ingen sjå Herren. 15 Og sjå til at ingen dreg seg
undan frå Guds nåde, at ingi beisk rot skal renna upp
og gjera mein, og mange verta smitta ved henne: 16 at
ingen må vera ein horkar eller ein vanheilag liksom
Esau, som for ein einaste rett mat selde odelsretten
sin. 17 For de veit, at han og sidan, då han vilde erva
velsigningi, vart burtvist - for han fann ikkje rom for
bot - endå han søkte henne med tåror. 18 For de er
ikkje komne til eit fjell som ein kann taka på, og til
brennande eld og til skydimma og myrker og uver 19
og til ljom av lur og til ljod av ord, som dei høyrande
bad seg undan, at det ikkje måtte verta tala meir til
deim; 20 for dei kunde ikkje bera det ordet som baud:
«Um det so berre er eit dyr som kjem innåt fjellet, skal
det steinast.» 21 Og so gruveleg var syni, at Moses
sagde: «Eg er forfærd og skjelvande rædd.» 22 Men de
er komne til Sions fjell og den livande Guds by, til det
himmelske Jerusalem og til dei mange tusund englar,
23 til høgtidstemna og lyden av dei fyrstefødde, som er
uppskrivne i himmelen, og til domaren som er Gud for
alle, og til ånderne av dei fullenda rettferdige, 24 og til
millommannen for ei ny pakt, Jesus, og til skvettings-
blodet, som talar betre enn Abels blod. 25 Sjå til at
de ikkje viser ifrå dykk honom som talar! For når hine
ikkje slapp undan, som viste ifrå seg honom som tala
på jordi, kor mykje mindre skal me då sleppa undan,
um me vender oss ifrå honom som talar frå himmelen!
26 Hans røyst riste den gong jordi; men no hev han
lova og sagt: «Endå ein gong rister eg ikkje berre jordi,
men himmelen med.» 27 Men dette: «Endå ein gong»

syner, at dei ting som vert riste, skal umskiftast, då det
er skapte ting, so dei som ikkje vert riste, skal vara
ved. **28** Lat difor oss som fær eit uruggelegt rike, vera
takksame og dermed tena Gud til hans hugnad med
blygd og otte! **29** For vår Gud er ein øydande eld.

**13** Lat broderkjærleiken vara ved! **2** Gløym ikkje
gjestmilda! for ved den hev nokre havt englar til
gjester, utan dei visste det. **3** Kom i hug deim som
er fangar, som var de deira medfangar, deim som lid
vondt, sidan de og sjølve er i likamen! **4** Egteskapet
vere i agt og æra hjå alle, og egtesengi usmitta! for
lauslivande og horkarar skal Gud døma. **5** Lat dykkar
ferd vera utan pengehug, og ver nøgde med det de
hev! for han hev sagt: «Eg skal so visst ikkje sleppa
deg og ikkje slå handi av deg, » **6** so me hugheilt
kann segja: «Herren er min hjelpar, eg vil ikkje ottast;
kva kann eit menneskje gjera meg?» **7** Kom i hug
dykkar forstandarar som hev tala Guds ord til dykk! sjå
utgangen på deira ferd, og fylg so etter deira tru! **8**
Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja til æveleg
tid. **(aiōn g165)** **9** Lat dykk ikkje føra vilt av mangfaldige
og framande lærdomar! for det er godt at hjarta vert
styrkt ved nåden, ikkje ved mat, som ikkje hev gagna
deim som for dermed. **10** Me hev eit altar som dei ikkje
hev lov til å eta av, som tener ved tjeldet. **11** For dei
dyr som blodet vert teke av og bore til soning for synd
inn i heilagdomen ved øvstepresten, deira kroppar
vert uppbrende utanfor lægret. **12** Difor leid og Jesus
utanfor porten, so han ved sitt eige blod kunde helga
folket. **13** Lat oss då ganga ut til honom utanfor lægret,
so me ber hans vanæra! **14** For me hev ikkje her ein
varande by, men søkjer den komande. **15** Lat oss då
ved honom alltid bera fram til Gud lovoffer, det er: frukt
av lippor som lovar hans namn! **16** Men gløym ikkje å
gjera godt og gjeva andre med dykk! for slike offer hev
Gud hugnad i. **17** Fylg dykkar forstandarar og lyd deim!
for dei vaker yver sjælerne dykkar som dei som skal
gjera rekneskap, so dei kann gjera det med gleda og
ikkje sukkande, for det er dykk ikkje til gagn. **18** Bed
for oss! for me trur at me hev eit godt samvit, og me
vil gjerne fara rett åt i alle måtar. **19** Og eg bed dykk
so mykje meir um å gjera dette, so eg snarare kann
verta gjeven dykk att. **20** Men fredsens Gud, han som i
kraft av æveleg pakts blod førde den store hyrding for
sauerne, vår Herre Jesus, upp frå dei daude, **(aiōnios
g166)** **21** han gjere dykk full-dugande i all god gjerning,
so de gjer hans vilje, med di han verkar i dykk det som
er til hugnad for honom, ved Jesus Kristus! Honom
vere æra i all æva! Amen. **(aiōn g165)** **22** Eg bed dykk,
brør, tak dette påminningsordet vel upp, for eg hev
skrive stutt til dykk. **23** Vit, at bror vår Timoteus er
gjeven fri; saman med honom vil eg sjå dykk, um han
kjem snart. **24** Helsa alle dykkar forstandarar og alle
dei heilage! Dei frå Italia helsar dykk. **25** Nåden vere
med dykk alle!

# Jakobs

1 Jakob, Guds og Herren Jesu Kristi tenar, helsar
dei tolv ætterne som er spreidde i framande land. 2
Haldt det for berre gleda, mine brør, når de kjem ut i
ymse freistingar, 3 etter di de veit at prøvingi av dykkar
tru verkar tolmod! 4 Men tolmodet må føra til fullkome
verk, so de kann vera fullkomne og heile og ikkje vanta
noko. 5 Men dersom nokon av dykk vantar visdom,
so bede han Gud, han som gjev alle viljugt og utan
vondord, og han skal få. 6 Men han må beda med tru
og ikkje tvilande; for den som tvilar, er liksom havbåra,
som vert rørd og rugga av vinden. 7 For ikkje må det
menneskjet tru at han skal få noko av Herren, 8 slik
ein tvihuga mann, ustød på alle sine vegar. 9 Men den
låge broren rose seg av sin høgleik, 10 og den rike av
sin lågleik; for han skal kverva burt som blomen på
graset: 11 Soli gjekk upp med sin hite og gjorde graset
turt, og blomen på det fall av, og hans fagre åsyn vart
øydelagd. Soleis skal og den rike visna på sine vegar.
12 Sæl den mannen som held ut i freisting! for når han
er prøvd, skal han få livsens kruna, som Gud hev lova
deim som elskar honom. 13 Ingen må segja når han
vert freista: «Eg vert freista av Gud; » for Gud er ikkje
freista av det vonde, og sjølv freistar han ingen. 14
Men kvar ein vert freista når han vert dregen og lokka
av si eigi lyst! 15 sidan, når lysti vert med barn, ber ho
synd; men når syndi er fullmogna, føder ho daude. 16
Far ikkje vilt, mine kjære brør! 17 All god gåva og all
fullkomi gåva kjem ovantil frå faderen til ljosi, han som
det ikkje er umbrøyte ved eller skiftande skugge. 18
Etter sin vilje hev han født oss ved sannings ord, so me
skulde vera ei fyrstegrøde av hans skapningar. 19 Det
veit de, kjære brør! Men kvart menneskje vere snar til
å høyra, sein til å tala, sein til vreide, 20 for ein manns
vreide verkar ikkje det som er rett for Gud. 21 Legg
difor av all ureinskap og alt som er att av vondskap, og
tak med spaklynde imot ordet som er innplanta i dykk,
og som er megtigt til å frelsa sjælerne dykkar! 22 Men
vert slike som gjer etter ordet og ikkje berre høyrer det
og dermed dårar dykk sjølve! 23 For dersom nokon
høyrer ordet og ikkje gjer etter det, då er han lik ein
mann som skodar sitt naturlege andlit i ein spegel; 24
han skoda seg sjølv og gjekk burt og gløymde straks
korleis han såg ut. 25 Men den som ser inn i fridomens
fullkomne lov og held ved med det, so han ikkje vert
ein gløymsam tilhøyrar, men ein som gjer gjerningi,
han skal vera sæl i si gjerning. 26 Dersom nokon
meiner at han er ein gudsdyrkar, og ikkje tøymer tunga
si, men dårar sitt eige hjarta, hans gudsdyrking er
fåfengd. 27 Ei rein og lytelaus gudsdyrking for Gud og
Faderen er dette: å sjå til faderlause og enkjor i deira
trengsla, å halda seg sjølv uflekka av verdi.

2 Mine brør! Lat ikkje dykkar tru på vår Herre Jesus
Kristus, den herleggjorde, hava det med seg, at
de gjer skil på folk! 2 For um det kjem ein mann
inn i dykkar samling med gullring på fingeren og i
skinande klæde, men det og kjem ein fatigmann i skitne
klæde, 3 og de ser på honom som hev den skinande
klædnaden, og segjer til honom: «Set du deg her i god
sess!» og de segjer til den fatige: «Statt du der, eller
set deg nedfor fotskammelen min!» - 4 gjer de ikkje då
skilnad hjå dykk sjølve og dømer etter vonde tankar?
5 Høyr no, mine kjære brør! Hev ikkje Gud valt ut dei
fatige i denne verdi til å vera rike i tru og ervingar til
det riket han hev lova deim som honom elskar? 6 Men
de hev vanæra den fatige. Er det ikkje dei rike som
trælkar dykk, og som dreg dykk fram for domstolarne?
7 Spottar ikkje dei det gode namnet som de er kalla
med? 8 I sanning, um de uppfyller den kongelege lov
etter skrifti: «Du skal elska din næste som deg sjølv, »
so gjer de vel; 9 men gjer de skil på folk, so gjer de
synd, og lovi refser dykk som lovbrjotarar. 10 For den
som held heile lovi, men snåvar i ein ting, han hev
vorte saka i alt. 11 For han som sagde: «Du skal ikkje
driva hor, » han sagde og: «Du skal ikkje slå i hel.» Um
du då ikkje driv hor, men slær i hel, so hev du vorte
ein lovbrjotar. 12 Tala so og gjer so som dei som skal
verta dømde etter fridoms lov! 13 For domen skal vera
miskunnlaus yver den som ikkje hev gjort miskunn;
men miskunn rosar seg mot domen. 14 Kva gagnar
det, mine brør, um nokon segjer at han hev tru, når
han ikkje hev gjerningar? Kann vel trui frelsa honom?
15 Um ein bror eller ei syster er nakne og vantar føda
for dagen, 16 og ein av dykk segjer til deim: «Gakk i
fred, verm dykk og et dykk mette!» men de ikkje gjev
deim det som likamen treng, kva gagnar so det? 17
Soleis og med trui: hev ho ikkje gjerningar, so er ho
daud i seg sjølv. 18 Men ein kann segja: «Du hev tru,
og eg hev gjerningar. Syn meg di tru utan gjerningar,
og eg skal syna deg mi tru av mine gjerningar! 19 Du
trur at Gud er ein; du gjer rett. Djevlarne trur og det og
skjelv.» 20 Og vil du vita det, du dårlege menneskje, at
trui er nyttelaus utan gjerningar? 21 Abraham, vår far,
vart ikkje han rettferdiggjord ved gjerningar, då han
ofra Isak, son sin, på altaret? 22 Du ser at trui verka
saman med hans gjerningar, og at trui vart fullkomi ved
gjerningarne, 23 og skrifti vart uppfyllt, som segjer:
«Men Abraham trudde Gud, og det vart rekna honom
til rettferd, » og han vart kalla Guds ven. 24 De ser
då, at eit menneskje vert rettferdiggjort ved gjerningar
og ikkje berre ved tru. 25 Like eins og med skjøkja
Rahab: vart ho ikkje rettferdiggjord ved gjerningar, då

ho tok imot sendemennerne og slepte deim ut ein
annan veg? 26 For liksom likamen er daud utan ånd,
so er og trui daud utan gjerningar.

3 Mine brør, ikkje mange av dykk verte lærarar! etter
di de veit at me skal få dess tyngre dom. 2 For alle
snåvar me i mangt. Den som ikkje snåvar i tale, han
er ein fullkomen mann, som er før til å tøyma heile
likamen. 3 Når me legg beisl i munnen på hestarne, so
dei skal lystra oss, so styrer me og heile likamen deira.
4 Sjå og skipi: endå dei er so store og vert drivne av
sterk vind, so vert dei då med ein liten ror styrde dit
som styremannen vil hava deim. 5 So er og tunga ein
liten lem, og talar då store ord. Sjå ein liten eld: kor stor
ein skog han set i brand! 6 Tunga er og ein eld; ei verd
full av urettferd, soleis stend tunga millom lemerne
våre; ho smittar heile likamen og set livsens hjul i loge,
og vert sjølv sett i loge frå helvite. (Geenna g1067) 7 For
all natur, både i dyr og fuglar, både i ormar og sjødyr,
vert tamd og hev vorte tamd av den menneskjelege
natur; 8 men tunga kann inkje menneskje temja; ho er
ein ustyrleg vond ting, full av døyande eiter. 9 Med
henne velsignar me Herren og Faderen, og med henne
bannar me menneski som er skapte etter Guds bilæte.
10 Or same munnen kjem det velsigning og banning.
Dette må ikkje vera so, mine brør! 11 Kann då kjelda
gjeva søtt og beiskt vatn ut or same uppkoma? 12 Mine
brør, kann då eit fiketre bera oljebær, eller eit vintre
fikor? So kann ikkje heller ei salt kjelde gjeva søtt vatn.
13 Kven er vis og vitug imillom dykk? Han må ved god
ferd syna sine gjerningar i visdoms spaklynde. 14 Men
hev de beisk ovund og stridssykja i hjarto dykkar, so
rosa dykk ikkje og ljug ikkje imot sanningi! 15 Den
visdomen kjem ikkje ovantil, men er jordisk, sanseleg,
djevelsk. 16 For der det er ovund og stridssykja, der er
ugreida og alt det som vondt er. 17 Men visdomen
ovantil, han er fyrst og fremst rein, og dinæst fredsam,
rimeleg, ettergjevande, full av miskunn og gode frukter,
fri for tvil og fri for skrymt. 18 Men rettferds frukt vert
sådd i fred for deim som held fred.

4 Kva kjem all ufred og strid av millom dykk? Er det
ikkje av dykkar lyster, som strider i lemerne dykkar?
2 De lystar og hev ikkje; de slær i hel og ovundast og
kann ikkje få; de ligg i strid og ufred. De hev ikkje, av
di de ikkje bed; 3 de bed og fær ikkje, av di de bed
ille, um slikt som de kann øyda upp i dykkar lyster.
4 De utrugne! veit de ikkje at venskap med verdi er
fiendskap imot Gud? Den som då vil vera ven med
verdi, han vert Guds fiende. 5 Eller trur de at skrifti
talar fåfengt? Med brennhug trår han etter Anden som
han hev late bu i oss. Men di større er den nåde som
han gjev. 6 Difor heiter det: «Gud stend dei stolte imot,
men dei audmjuke gjev han nåde.» 7 Ver difor Gud
undergjevne! Men statt djevelen imot, so skal han fly
frå dykk! 8 Haldt dykk nær til Gud, so skal han halda
seg nær til dykk! Reinsa henderne, de syndarar, og
gjer hjarto reine, de tvihuga! 9 Kjenn dykkar naud og
syrg og gråt! Lat låtten dykkar vendast til sorg, og
gleda til trege. 10 Audmyk dykk for Herren, so skal
han upphøgja dykk! 11 Baktala ikkje kvarandre, brør!
Den som baktalar ein bror eller dømer bror sin, han
baktalar lovi og dømer lovi; men dømer du lovi, so er
du ikkje ein som gjer etter lovi, men hennar domar. 12
Ein er lovgjevaren og domaren, han som er megtig til
å frelsa og til å tyna. Men du, kven er du som dømer
din næste? 13 Og no, de som segjer: «I dag eller i
morgon vil me fara til den byen og vera der eit år og
handla og hava vinning, » 14 de som ikkje veit kva
som skal henda i morgon! For kva er livet dykkar? De
er ein eim som ei liti stund er synleg og so kverv burt.
15 I staden for at de skulde segja: «Um Herren vil, so
kjem me til å liva, og so skal me gjera det eller det!»
16 Men no rosar de dykk sjølve i dykkar storlæte. All
slik ros er vond. 17 Den som då veit å gjera godt, men
ikkje gjer det, han hev synd for det.

5 Og no, de rike, gråt og barma dykk for den ulukka
som skal koma på dykk! 2 Rikdomen dykkar er
rotna, og klædi dykkar er mol-etne; 3 gullet og sylvet
dykkar er burtrusta, og rusti på det skal vera til vitne
imot dykk og eta dykkar kjøt som ein eld. De hev
sanka skattar i dei siste dagarne. 4 Sjå, den løni de
hev halde att for dei arbeidarar som hev skore åkrane
dykkar, ho ropar, og ropet frå skurdfolket er kome
inn for Herren Sebaots øyro. 5 De hev livt på jordi
i kjæla og etter lysterne dykkar; de hev gjødt hjarto
dykkar på slagtardagen. 6 De hev domfelt og drepe
den rettferdige; ingen gjer motstand imot dykk. 7 Ver
då tolmodige, brør, til Herren kjem! Sjå, bonden ventar
på den dyre avlingi av jordi og stundar tolmodeleg på
henne, til ho fær haustregn og vårregn. 8 So ver de og
tolmodige og styrk dykkar hjarto! for Herrens tilkoma er
nær. 9 Sukka ikkje mot kvarandre, brør, so de ikkje
skal verta dømde! Sjå, domaren stend for døri! 10
Mine brør! tak profetarne, som tala i Herrens namn, til
fyredøme på å lida vondt og vera tolmodige! 11 Sjå,
me prisar deim sæle som lid tolmodeleg. De hev høyrt
um Jobs tolmod og set endelykti frå Herren; for Herren
er inderleg miskunnsam og mild. 12 Men framfor alt,
brør, sver ikkje, korkje ved himmelen eller ved jordi
eller nokon annan eid! Lat dykkar ja vera ja og dykkar
nei vera nei, so de ikkje skal falla inn under domen!
13 Lid nokon av dykk vondt, han bede! er nokon ved
godt mod, han lovsyngje! 14 Er nokon av dykk sjuk,
han kalle til seg dei eldste i kyrkjelyden, og dei skal

beda yver honom og salva honom med olje i Herrens
namn; 15 og den bøni av tru skal hjelpa den sjuke,
og Herren skal reisa honom upp; og hev han gjort
synder, skal dei verta honom forlatne. 16 Sanna då
synderne dykkar for kvarandre, og bed for kvarandre,
so de kann verta lækte! Rettferdig manns bøn hev stor
magt i sin verknad. 17 Elia var ein mann under same
vilkår som me; og han bad at det ikkje skulde regna,
og det regnde ikkje på jordi på tri år og seks månader.
18 Og han bad på nytt, og himmelen gav regn, og jordi
bar si grøda. 19 Mine brør! Um nokon av dykk hev fare
vilt frå sanningi, og nokon umvender honom, 20 han
skal vita, at den som umvender ein syndar frå hans
ville veg, han frelser ei sjæl frå dauden og løyner ei
mengd med synder.

# 1 Peters

**1** Peter, Jesu Kristi apostel, til dei utlendingar som
er spreidde i Pontus, Galatia, Kappadokia, Asia og
Bitynia, utvalde **2** etter Gud Faders fyrevitende ved
Andens helging til lydnad og yverskvetting med Jesu
Kristi blod: Nåde og fred vere med dykk i rikt mål! **3**
Lova vere Gud og vår Herre Jesu Kristi Fader, han som
etter si store miskunn hev atterfødt oss til ei livande
von ved Jesu Kristi uppstoda frå dei daude, **4** til ein
uforgjengeleg og flekklaus og uvisneleg arv, som er
gøymd i himmelen åt dykk, **5** de som ved Guds magt
vert upphaldne ved trui til den frelsa som er ferdig til å
verta openberra i den siste tid. **6** Det gled de dykk
yver, um de og no ei lita stund - når so skal vera - er
sorgtyngde i ymse freistingar, **7** so dykkar prøvde tru,
som er mykje kostelegare enn det forgjengelege gull,
som de veit vert prøvt i eld, må verta funni til lov og
pris og æra i Jesu Kristi openberring, **8** han som de
ikkje hev kjent, men endå elskar, han som de no ikkje
ser, men endå trur på og gled dykk med usegjeleg
og herleggjord gleda, **9** når de vinn fram til målet for
trui, frelsa for sjælerne. **10** Um denne frelsa var det
profetarne granska og grunda, dei som spådde um
den nåde de skulde få, **11** med di dei grunda på kva
tid eller kva slag tid Kristi Ande som var i deim, viste
fram til, når han vitna fyreåt um Kristi lidingar og um
herlegdomen deretter; **12** for det var deim openberra,
at dei tente ikkje seg sjølve, men oss med dette som
no er kunngjort dykk ved deim som hev forkynt dykk
evangeliet ved den Heilage Ande, som vart send frå
himmelen - dette som englarne hev hug til å skoda
inn i. **13** Difor, umgyrd dykkar hugs lender, ver ædrue
og set dykkar von fullt og fast til den nåde som de
fær tilførd ved Jesu Kristi openberring! **14** Som lyduge
born skal de ikkje skikka dykk etter dei fyrre lysterne i
dykkar vankunna, **15** men ver, etter den Heilage som
kalla dykk, ogso de heilage i all dykkar ferd! **16** for det
stend skrive: «De skal vera heilage, for eg er heilag!»
**17** Og når de påkallar honom som Fader, som dømer
utan å gjera skilnad, etter kvar manns gjerning, so
ferdast med otte den tid de liver i utlendingskapen; **18**
for de veit at de ikkje med forgjengelege ting, sylv eller
gull, vart frikjøpte frå dykkar fåfengde ferd, som de
hadde ervt ifrå federne, **19** men med Kristi dyre blod,
som blodet av eit ulastelegt og lytelaust lamb. **20** Han
var kjend fyreåt, fyrr verdi vart grunnlagd, men vart
openberra i dei siste tider for dykkar skuld, **21** de som
ved honom trur på Gud, som vekte honom upp frå
dei daude og gav honom herlegdom, so trui dykkar
og er von til Gud. **22** Reinsa sjælerne dykkar i lydnad
mot sanningi til uskrymta broderkjærleik, og elska
kvarandre inderleg av hjarta, **23** de som er atterfødde,
ikkje av forgjengelegt, men uforgjengelegt sæde, ved
Guds ord, som liver og varer! **(aiōn g165)** **24** For alt kjøt
er som gras, og all herlegdomen hjå det som blom på
gras. Graset visna, og blomen på det fall av. **25** Men
Herrens ord varer i all æva. Dette er det ordet som er
forkynt for dykk ved evangeliet. **(aiōn g165)**

**2** Legg difor av all vondskap og alt svik og hyklarskap
og ovund og all baktale, **2** og lengta liksom nyfødde
born etter den åndelege, ufalska mjølk, so de kann
veksa ved henne til frelsa, **3** so framt de då hev
smaka at Herren er god! **4** Kom til honom, den livande
steinen, som vel vart vanda av menneskje, men er
utvald og dyrverdig for Gud! **5** og vert de sjølve,
som livande steinar, uppbygde til eit åndelegt hus, eit
heilagt presteskap, til å bera fram åndelege offer til
hugnad for Gud ved Jesus Kristus. **6** For det heiter
i skrifti: «Sjå, eg legg i Sion ein hyrnestein, som er
utvald og dyrverdig, og den som trur på honom, skal
slett ikkje verta til skammar.» **7** Dykk då som trur,
høyrer æra til; men for dei vantruande hev den steinen
som bygningsmennerne vanda, vorte til hyrnestein og
snåvestein og støyteberg, **8** dei som støyter seg med
di dei ikkje trur ordet, som dei og var etla til. **9** Men de
er ei utvald ætt, eit kongelegt presteskap, eit heilagt
folk, eit folk til eigedom, so de skal forkynna hans
dygder som kalla dykk ut or myrker til sitt underfulle
ljos, **10** de som fyrr ikkje var eit folk, men no er Guds
folk, de som ikkje hadde funne miskunn, men no hev
fenge miskunn. **11** Kjære, eg legg dykk på hjarta som
framande og utledningar, at de skal halda dykk ifrå dei
kjøtlege lyster, som strider imot sjæli, **12** og lata dykkar
ferd millom heidningarne vera god, so dei, medan dei
baktalar dykk som illgjerdsmenner, må sjå dykkar gode
gjerningar og for deira skuld prisa Gud på tilsynsdagen!
**13** Ver difor all menneskjeleg skipnad undergjevne for
Herrens skuld, anten det er kongen som den høgste,
**14** eller landshovdingar som utsendingar frå honom
til refsing for deim som gjer vondt, men til ros for
deim som gjer godt! **15** For soleis er det Guds vilje,
at de med å gjera det gode skal målbinda vankunna
hjå uvituge menneskje, **16** so som frie, og ikkje slike
som hev fridomen til vondskaps skyle, men som Guds
tenarar. **17** Æra alle, elska broderlaget, ottast Gud, æra
kongen! **18** De tenarar, ver dykkar herrar undergjevne
i all age, ikkje berre dei gode og milde, men og dei
rangvise! **19** For det finn nåde, um nokon av samvit for
Gud toler harmingar som han lid uretteleg. **20** For kva
er det for ei ros, um de tek det med tolmod når de
syndar og fær refsing for det? Men um de tek det med
tolmod når de gjer godt og endå lyt lida, det finn nåde

hjå Gud. 21 For til det vart de kalla, av di Kristus og
leid for dykk og let etter for dykk eit fyredøme, so de
skal fylgja hans fotfar. 22 Han gjorde ikkje synd, og det
fanst ikkje heller svik i hans munn; 23 han skjelte ikkje
att når han vart utskjelt, ikkje truga ham når han leid,
men gav det yver til honom som dømer rettferdigt; 24
han bar synderne våre på likamen sin upp på treet, so
me skal døy av frå synderne våre og liva for rettferdi,
då de er lækte ved hans sår. 25 For de var villfarande
som sauer, men hev no vendt um til hyrdingen og
tilsynsmannen for sjælerne dykkar.

**3** Like eins de konor: De skal vera dykkar eigne
menner undergjevne, so endå slike som ikkje trur
ordet, må verta vunne utan ord ved den ferd konorne
deira syner, 2 når dei ser for augo dykkar reine ferd
i otte. 3 Deira prydnad skal ikkje vera utanpå, med
hårflettingar eller påhengt gull eller klædebunad, 4
men hjartans løynde menneskje i den uforgjengelege
prydnad med den mjuke og stille ånd, som er gjæv for
Gud. 5 For soleis prydde fordom dei heilage kvinnorne
seg, dei som sette si von til Gud og var sine eigne
menner undergjevne, 6 liksom Sara lydde Abraham
og kalla honom herre; hennar døtter hev de vorte
når de gjer godt og ikkje ottast for nokor skræmsla.
7 Like eins de menner: De skal liva vitugt saman
med konorne som det veikare kjerald, og visa deim
æra, sidan dei og er medervingar til livsens nåde, so
dykkar bøner ikkje skal verta hindra! 8 Og til slutt:
Ver alle samhuga, medlidande, kjærlege mot brørne,
miskunnsame, audmjuke! 9 Løn ikkje vondt med vondt
eller skjelling med skjelling, men tvertimot velsigna!
for det vart de kalla til, at de skal erva velsigning. 10
For «den som vil elska livet og sjå gode dagar, han
skal halda tunga frå det som vondt er og lipporne frå
svikfull tale; 11 han vike frå vondt og gjere godt, han
søkje fred og trå etter honom! 12 For Herrens augo
er yver dei rettferdige, og hans øyro vende til deira
bøn; men Herrens åsyn er yver deim som gjer vondt.»
13 Og kven er det som kann gjera dykk vondt når de
stræver etter det gode? 14 Men um de og skulde lida
for rettferds skuld, so er de sæle. Men ottast ikkje for
deim og ræddast ikkje; men helga Kristus til herre i
hjarto dykkar! 15 Og ver alltid ferdige til å forsvara dykk
for kvar ein som krev rekneskap av dykk for den voni
som bur i dykk, men med spaklynde og age! 16 Og
hav eit godt samvit, so dei som lastar dykkar gode ferd
i Kristus, må verta til skammar i det som dei baktalar
dykk for som illgjerdsmenner. 17 For det er betre, um
so er Guds vilje, å lida når ein gjer godt, enn når ein
gjer vondt. 18 For Kristus leid og ein gong for synder,
ein rettferdig for urettferdige, for å føra oss fram til Gud,
han som leid dauden i kjøtet, men vart livandegjord
i åndi, 19 og i denne gjekk han og burt og preika
for ånderne som var i varetekt, 20 dei som fordom
hadde vore stride, den gong Guds langmod venta i
Noahs dagar, då arki vart bygd, der nokre få, det er
åtte sjæler, vart frelste gjenom vatn, 21 det som no og
frelser oss i motbilætet dåpen, som ikkje er avleggjing
av ureinskap på kroppen, men eit godt samvits pakt
med Gud ved Jesu Kristi uppstoda, 22 han som er
uppfaren til himmelen og er ved Guds høgre hand, der
englar og magter og krafter er honom underlagde.

**4** Sidan no Kristus hev lide i kjøtet, so væpna og de
dykk med den same tanken, at den som hev lide i
kjøtet, er ferdig med syndi, 2 so de ikkje lenger skal
liva etter menneskje-lyster, men etter Guds vilje, den
tid de endå skal vera i kjøtet. 3 For det er nok at de i
den framfarne livstid hev gjort det som heidningarne
vil, med di de ferdast i used, lyster, fullskap, svir, drykk
og usømeleg avgudsdyrking; 4 difor undrast dei når
de ikkje renner med deim ut i den same straum av
skamløysa, og dei spottar dykk. 5 Men dei skal gjera
rekneskap for honom som held seg ferdig til å døma
livande og daude. 6 For dertil vart evangeliet forkynt
ogso for daude, at dei vel skulde verta dømde som
menneskje i kjøt, men liva so som Gud i ånd. 7 Men
enden på alle ting er komen nær. Ver difor vislege
og ædrue til bøner! 8 Og hav framfor alt inderleg
kjærleik til kvarandre! for kjærleiken løyner ei mengd
med synder. 9 Ver gjestmilde mot kvarandre utan
murring! 10 Etter som kvar hev fenge ei nådegåva,
so ten kvarandre med henne som gode hushaldarar
yver Guds mangfaldige nåde! 11 Um nokon talar, han
tale som Guds ord, um nokon tener i kyrkjelyden, han
tene som av den kraft Gud gjev, so Gud må verta
æra i alle ting ved Jesus Kristus, som æra og magti
høyrer til i all æva. Amen. (aiōn g165) 12 De kjære!
Undra dykk ikkje yver den elden som kjem yver dykk
til prøving, som um det hende dykk noko underlegt!
13 Men i same mun som de hev lut i Kristi lidingar,
skal de gleda dykk, so de og kann gleda dykk med
fagnad når hans herlegdom vert openberra. 14 Dersom
de vert hædde for Kristi namn skuld, er de sæle; for
Herlegdoms-Anden og Guds Ande kviler yver dykk. 15
For ingen av dykk må lida av di han er mordar eller
tjuv eller illgjerningsmann, eller av di han blandar seg
i framande målemne. 16 Men lid han av di han er
ein kristen, so skal han ikkje skjemmast, men prisa
Gud for dette namnet. 17 For det er no den tid då
domen skal taka til med Guds hus; men tek det til
med oss, kva vert då enden for deim som ikkje vil tru
Guds evangelium? 18 Og dersom den rettferdige vandt

vert frelst, kvar skal det då verta av den ugudlege og
syndaren? **19** Difor skal og dei som lid etter Guds vilje,
gjeva yver sjælerne sine til den trufaste skaparen, med
di dei gjer det gode.

**5** Dei eldste millom dykk legg eg på hjarta, eg som
sjølv er med-eldste og vitne um Kristi lidingar, som
og hev lut i den herlegdomen som skal openberrast: **2**
Gjæt den Guds hjord som er hjå dykk, og hav tilsyn
med henne, ikkje av tvang, men sjølvminnt, ikkje for ei
skamleg vinning, men med hug, **3** ikkje heller so at de
vil vera herrar yver kyrkjelydarne, men so at de vert
fyredøme for hjordi. **4** Når yverhyrdingen openberrast,
då skal de få den uvisnelege ærekransen. **5** Like eins
skal de yngre vera dei eldre undergjevne, og alle skal
de klæda dykk i audmykt mot kvarandre; for Gud stend
dei stolte imot, men dei audmjuke gjev han nåde. **6** So
audmyk dykk då under Guds velduge hand, so han
kann upphøgja dykk i si tid! **7** Kasta all dykkar sut
på honom; for han hev umsut for dykk! **8** Ver ædrue,
vak! Dykkar motstandar djevelen gjeng ikring som
ei burande løva og søkjer kven han kann gløypa; **9**
statt honom imot, trauste i trui, sidan de veit at dei
same lidingar er lagde på brørne dykkar i verdi! **10**
Men all nådes Gud, som kalla dykk til sin ævelege
herlegdom i Kristus Jesus etter ei stuttvarug liding,
han skal gjera dykk full-dugande, stadfesta, styrkja,
grunnfesta dykk. **(aiōnios g166)** **11** Honom høyrer magti
til i all æva. Amen. **(aiōn g165)** **12** Med Silvanus, den
trufaste broren - det meiner eg han er - skriv eg stutt til
dykk og påminner og vitnar at dette er Guds sanne
nåde, som de stend i. **13** Den medutvalde kyrkjelyden i
Babylon helsar dykk, like eins Markus, son min. **14**
Helsa kvarandre med kjærleiks kyss! Fred vere med
alle dykk som er i Kristus!

# 2 Peters

**1** Simeon Peter, Jesu Kristi tenar og apostel, til deim
som hev fenge same dyre tru som me ved vår Gud
og frelsar Jesu Kristi rettferd: **2** Nåde og fred vere
med dykk i rikt mål, med di de kjenner Gud og Jesus,
vår Herre! **3** Etter som hans guddomlege magt hev
gjeve oss alt som høyrer til liv og gudlegdom, ved
kunnskapen um honom som kalla oss ved sin eigen
herlegdom og si kraft, **4** og dermed hev gjeve oss dei
største og dyraste lovnader, for at de ved deim skulde
verta luthavande i guddomleg natur, med di de flyr frå
den tyning i verdi som kjem av lysti: **5** so gjer dykk og
just difor all umak, og vis i trui dykkar dygd, og i dygdi
skynsemd, **6** og i skynsemdi fråhald, og i fråhaldet
tolmod, og i tolmodet gudlegdom, **7** og i gudlegdomen
broderkjærleik, og i broderkjærleiken kjærleik til alle.
**8** For når desse ting finst hjå dykk og fær veksa, då
viser dei at de ikkje er yrkjelause eller fruktlause i
kunnskapen um vår Herre Jesus Kristus. **9** For den
som ikkje hev desse ting, han er blind, dimsynt og
hev gløymt reinsingi frå sine fyrre synder. **10** Difor,
brør, legg so mykje meir vinn på å gjera dykkar kall og
utveljing fast; for når de gjer desse ting, skal de ikkje
nokon gong snåva. **11** For soleis skal det rikleg verta
gjeve dykk inngang i vår Herre og frelsar Jesu Kristi
ævelege rike. **(aiōnios g166)** **12** Difor kjem eg alltid til å
minna dykk um dette, endå de veit det og er grunnfeste
i den sanning som er hjå dykk. **13** Like vel held eg det
for rett å vekkja dykk ved påminning, so lenge eg er i
denne hytta, **14** sidan eg veit at eg brått skal leggja
ned hytta mi, so som og vår Herre Jesus Kristus hev
varsla meg. **15** Men eg vil og leggja vinn på at de
alltid etter min burtgang kann minnast dette. **16** For
det var ikkje klokt uttenkte eventyr me fylgde, då me
kunngjorde dykk vår Herre Jesu Kristi magt og tilkoma,
men me hadde vore augvitne til hans storvelde. **17** For
han fekk æra og herlegdom av Gud Fader, ei slik røyst
kom til honom frå den høgste herlegdomen: «Dette er
son min, som eg elskar, som eg hev hugnad i.» **18** Og
denne røysti høyrde me koma frå himmelen, då me var
saman med honom på det heilage fjellet. **19** Og dess
fastare hev me det profetiske ordet, og de gjer vel i å
agta på det som på eit ljos som skin på ein myrk stad,
til dess dagen lyser fram, og morgonstjerna renn upp i
hjarto dykkar, **20** men di de fyrst og fremst veit dette,
at inkje profetord i skrifti er gjeve til eigi tyding. **21** For
aldri er noko profetord framkome av mannevilje; men
dei heilage Guds menner tala, drivne av den Heilage
Ande.

**2** Men det stod og falske profetar fram hjå folket,
liksom det og hjå dykk skal koma falske lærarar,
som skal lura inn ranglæror som fører til fortaping, med
di dei jamvel neittar den Herre som kjøpte deim, og
fører yver seg sjølve ei brå fortaping. **2** Og mange
skal fylgja deim i deira used, og for deira skuld skal
sanningsvegen verta spotta, **3** og av havesykja skal
dei med uppdikta ord nytta dykk ut til vinning. Men
domen er frå gamall tid ikkje yrkjelaus mot deim, og
deira fortaping søv ikkje. **4** For so visst som Gud
ikkje sparde englar då dei synda, men støytte deim
ned i avgrunnen og gav deim yver til myrke holor i
varetekt til dom, **(Tartaroō g5020)** **5** og ikkje sparde den
gamle verdi, men heldt uppe rettferds-forkynnaren
Noah sjølv-åttande, då han førde storflodi yver ei verd
av ugudlege, **6** og lagde byarne Sodoma og Gomorra i
oska og fordømde deim til undergang og dermed sette
deim til fyredøme på dei ugudlege i framtidi, **7** og fria
ut den rettferdige Lot, som leid under den skamlause
åtferdi av dei ugudlege **8** - for den rettferdige som
budde imillom deim, leid dagstødt pinsla i si rettferdige
sjæl ved dei lovlause gjerningar som han såg og
høyrde - **9** so veit Herren å fria dei gudlege ut or
freisting, men halda dei urettferdige i varetekt med
refsing til domedag, **10** mest deim som fer etter kjøtet
i urein lyst og vanvyrder herredøme. Dei sjølvgode
vågehalsar! Dei skjelv ikkje ved å spotta høge magter,
**11** medan då englar, som er større i styrke og magt,
ikkje ber fram for Herren nokon spottande dom imot
deim. **12** Men desse, liksom vitlause dyr, av naturi
fødde til fanging og undergang, dei skal, av di dei
spottar det dei ikkje kjenner, gagna under ved si eigi
uferd **13** og få urettferds løn. Dei set si lyst i å bruka
dagen til kjæla; dei utskjemmor og skamflekkjer; dei
kræser seg ved sitt svik når dei held gilde med dykk.
**14** Augo hev dei som er fyllte av skjøkja og umetteleg i
synd; dei forlokkar ustøde sjæler; dei hev eit hjarta
som er upptamt i havesykja, dei forbanningsborn! **15**
Dei hev vike av frå den beine vegen og fare vilt, med
di dei hev fylgt Bileam Beorssons veg, han som elska
urettferds løn **16** og fekk refsing for sitt eige brot: eit
umælande klyvdyr tala med mannemæle til honom
og hindra profeten i hans uvitingskap. **17** Desse er
vatslause kjeldor, skodda som vert drivi av stormvind;
til deim er kolmyrket ferdigt. **(questioned)** **18** For med di
dei talar skrøytande, tome ord, forlokkar dei i kjøtslyster
ved ukjurskap deim som nett hev flytt ifrå deim som fer
i villa, **19** med di dei lovar deim fridom, dei som sjølve
er trælar under tjon; for det som ein ligg under for,
det hev han og vorte træl for. **20** For um dei hev flytt
ifrå ureinskapen i verdi med di dei hev lært å kjenna
vår Herre og frelsar Jesus Kristus, og so atter vert

innfløkte i henne og ligg under, då hev det siste vorte
verre med deim enn det fyrste. 21 For det var betre for
deim at dei ikkje hadde kjent rettferds veg, enn at dei
kjende honom og so vende seg burt att frå det heilage
bodet som var yvergjeve deim. 22 Det hev gjenge
deim etter det sanne ordtøket: «Ein hund vendar atter
til si eigi spya, » og: «Ei lauga su velter seg i søyla.»

3 Dette er no alt det andre brevet eg skriv til dykk,
de kjære, og i deim ved påminning vekkjer dykkar
reine hug 2 til å minnast dei ord som fyrr er tala av dei
heilage profetar, og bodet frå Herren og frelsaren som
apostlarne dykkar hev forkynt, 3 med di de fyrst og
fremst veit dette, at i dei siste dagar skal det koma
spottarar med spott, som gjeng etter sine eigne lyster
4 og segjer: «Kvar er lovnaden um hans tilkoma? For
ifrå den tid då federne sovna av, stend alt so som frå
upphavet av skapningen.» 5 For dei som segjer so,
gløymer at himlar var det frå gamall tid og ei jord som
hadde vorte til ut av vatn og gjenom vatn ved Guds
ord, 6 og dermed gjekk og den dåverande verdi under
i vatsflaumen. 7 Men dei noverande himlar og jordi er
ved det same ordet sparde til elden, og upphaldne
til den dagen då dei ugudlege menneskje skal verta
dømde og fortapte. 8 Men dette eine må de ikkje
sleppa or syne, mine kjære, at ein dag er for Herren
som tusund år, og tusund år som ein dag. 9 Herren er
ikkje langdrygjen med lovnaden, so som sume held
det for ei drygjing; men han er langmodig med dykk,
då han ikkje vil at nokon skal verta fortapt, men at alle
skal koma til umvending. 10 Men Herrens dag skal
koma som ein tjuv; då skal himlarne forgangast med
dundrane ljom, og himmelklotarne skal koma i brand
og verta uppløyste, og jordi og alle verk på henne
verta uppbrende. 11 Då no alt dette vert uppløyst, kor
må ikkje de då stræva etter heilag ferd og gudlegt liv,
12 medan de ventar og skundar på at Guds dag skal
koma, som skal gjera at himlarne vert uppløyste i eld,
og himmelklotarne kjem i brand og brånar! 13 Men
me ventar etter hans lovnad nye himlar og ei ny jord,
der rettferd bur. 14 Difor, mine kjære, då de ventar
dette, so legg vinn på at de kann verta funne utan flekk
og lyte for hans åsyn i fred! 15 Og agta det langmod
vår Herre viser, som ei frelsa, som og vår kjære bror
Paulus hev skrive til dykk etter den visdom som han
hev fenge, 16 liksom og i alle sine brev når han i deim
talar um desse ting; i deim er det noko som er vandt å
skynda, som ulærde og ustøde mistyder, liksom dei og
gjer med dei andre skrifterne, til sin eigen undergang.
17 So må då de, mine kjære, som fyreåt veit dette,
vara dykk, so de ikkje skal verta dregne med i villa av
dei ugudlege og falla frå dykkar eigen faste grunn! 18
Men veks i nåde og kjennskap til vår Herre og frelsar
Jesus Kristus! Honom vere æra både no og til æveleg
tid! Amen. (aiōn g165)

# 1 Johannes

**1** Det som var ifrå upphavet, det som me hev høyrt,
det som me hev set med augo våre, det som me
skoda, og henderne våre tok på, um livsens ord **2** - og
livet vart openberra, og me hev set det og vitnar og
forkynner dykk livet, det ævelege, som var hjå Faderen
og vart openberra for oss - **(aiōnios g166)** **3** det som
me hev set og høyrt, det forkynner me dykk og, so de
kann hava samfund med oss. Men vårt samfund er
med Faderen og med hans son Jesus Kristus. **4** Og
dette skriv me, so dykkar gleda kann vera fullkomi. **5**
Og dette er den bodskapen me hev høyrt av honom og
forkynner dykk, at Gud er ljos, og det finst inkje myrker
i honom. **6** Dersom me segjer at me hev samfund med
honom, og me ferdast i myrkret, so lyg me og gjer ikkje
sanningi. **7** Men dersom me ferdast i ljoset, liksom han
er i ljoset, so hev me samfund med kvarandre, og Jesu,
hans sons, blod reinsar oss frå all synd. **8** Dersom me
segjer at me ikkje hev synd, so dårar me oss sjølve, og
sanningi er ikkje i oss. **9** Dersom me sannar synderne
våre, so er han trufast og rettferdig, so han forlet oss
synderne og reinsar oss frå all urettferd. **10** Dersom
me segjer at me ikkje hev synda, so gjer me honom til
ljugar, og hans ord er ikkje i oss.

**2** Mine born! Dette skriv eg til dykk so de ikkje skal
synda, og um nokon syndar, so hev me hjå Faderen
ein målsmann, Jesus Kristus, den rettferdige, **2** og han
er ei soning for synderne våre, og ikkje berre for våre,
men og for alle i heile verdi. **3** Og på dette veit me
at me kjenner honom: um me held bodi hans. **4** Den
som segjer: «Eg kjenner honom», og ikkje held bodi
hans, han er ein ljugar, og i honom er ikkje sanningi. **5**
Men den som held ordet hans, i honom er i sanning
kjærleiken til Gud fullkomen. På dette kjenner me at me
er i honom. **6** Den som segjer at han er i honom, han
er og skuldig til å ferdast so som han hev ferdast. **7** De
kjære! det er ikkje eit nytt bod eg skriv åt dykk, men eit
gamalt bod, som de hev havt ifrå upphavet. Det gamle
bodet er det ordet de hev høyrt ifrå upphavet. **8** Og like
vel er det eit nytt bod eg skriv åt dykk, og det er sant i
honom og i dykk; for myrkret kverv burt, og det sanne
ljoset skin alt no. **9** Den som segjer at han er i ljoset,
og som hatar bror sin, han er endå i myrkret. **10** Den
som elskar bror sin, han er i ljoset, og i honom finst det
ikkje noko som fører til fall. **11** Men den som hatar bror
sin, han er i myrkret og ferdast i myrkret, og han veit
ikkje kvar han gjeng; for myrkret hev blinda augo hans.
**12** Eg skriv til dykk, born, for synderne er dykk forlatne
for hans namn skuld. **13** Eg skriv til dykk, feder, for de
kjenner honom som er frå upphavet. Eg skriv til dykk,
ungdomar, for de hev sigra yver den vonde. **14** Eg hev
skrive til dykk, born, for de kjenner Faderen. Eg hev
skrive til dykk, feder, for de kjenner honom som er frå
upphavet. Eg hev skrive til dykk, ungdomar, for de er
sterke, og Guds ord vert verande i dykk, og de hev
sigra yver den vonde. **15** Elska ikkje verdi, og ikkje dei
ting som er i verdi! Um nokon elskar verdi, so er ikkje
kjærleiken til Faderen i honom. **16** For alt det som er i
verdi: kjøtslyst og augnelyst og storlæte i livnad, det er
ikkje av Faderen, men av verdi. **17** Og verdi og hennar
lyst forgjengst; men den som gjer Guds vilje, han vert
verande til æveleg tid. **(aiōn g165)** **18** Born! Det er den
siste timen; og som de hev høyrt at Antikrist kjem, so
er no mange anti-kristar komne, og på det skynar me
at det er den siste timen. **19** Dei er gjengne ut ifrå oss,
men dei var ikkje av oss; for hadde dei vore av oss,
so hadde dei vorte verande hjå oss; men det skulde
verta synbert at ikkje alle er av oss. **20** Og de hev
salving av den Heilage og veit alt. **21** Eg skreiv ikkje
til dykk av di de ikkje kjenner sanningi, men av di de
kjenner henne, og veit at all lygn ikkje er av sanningi.
**22** Kven er ljugaren, utan han som neittar at Jesus er
Kristus? Han er Antikrist, han som neittar Faderen og
Sonen. **23** Kvar den som neittar Sonen, han hev ikkje
Faderen heller; den som vedkjennest Sonen, han hev
og Faderen. **24** Lat det då verta verande i dykk, det
som de høyrde frå upphavet; dersom det de høyrde frå
upphavet, vert verande i dykk, so vert de og verande i
Sonen og i Faderen. **25** Og dette er den lovnaden som
han lova oss: det ævelege livet. **(aiōnios g166)** **26** Dette
hev eg skrive til dykk um deim som dårar dykk. **27** Og
den salving de fekk av honom, ho vert verande i dykk,
og de treng ikkje til at nokon skal læra dykk noko; men
liksom salvingi hans lærer dykk alt, so er det og sant
og slett ikkje lygn; og vert verande i honom, so som ho
lærde dykk! **28** Og no, born, ver i honom, so me kann
hava frimod når han vert openberra, og ikkje verta
til skammar for honom i hans tilkoma! **29** Veit de at
han er rettferdig, so skynar de at kvar den som gjer
rettferd, er fødd av honom.

**3** Sjå, kor stor kjærleik Faderen hev synt oss, at me
skal kallast Guds born; og det er me. Difor kjenner
ikkje verdi oss, av di ho ikkje kjenner honom. **2** Mine
kjære! No er me Guds born, og det er ikkje endå
openberra kva me skal verta; me veit at når han vert
openberra, då skal me verta honom like; for me skal
sjå honom som han er. **3** Og kvar den som hev denne
voni til honom, han reinsar seg sjølv, liksom han er
rein. **4** Kvar den som gjer synd, han gjer og lovbrot, og
syndi er lovbrot. **5** Og de veit at han er openberra til å
taka burt synderne, og det finst ikkje synd i honom.
**6** Kvar den som vert verande i honom, syndar ikkje;

kvar den som syndar, han hev ikkje set honom og ikkje
kjent honom. 7 Born, lat ingen dåra dykk! den som
gjer rettferd, er rettferdig, liksom han er rettferdig. 8
Den som gjer synd, er av djevelen; for djevelen syndar
frå upphavet. Til det er Guds son openberra, at han
skal gjera ende på djevelens verk. 9 Kvar den som
er fødd av Gud, gjer ikkje synd; for hans sæde vert
verande i honom, og han kann ikkje synda; for han er
fødd av Gud. 10 På det kann ein kjenna Guds born
og djevelens born: kvar den som ikkje gjer rettferd, er
ikkje av Gud, og ikkje den heller som ikkje elskar bror
sin. 11 For dette er den bodskapen som de høyrde frå
upphavet, at me skal elska kvarandre; 12 ikkje som
Kain, som var av den vonde og drap bror sin. Og kvi
drap han honom? Av di hans gjerningar var vonde,
men hans brors gjerningar rettferdige. 13 Undra dykk
ikkje, mine brør, um verdi hatar dykk! 14 Me veit at
me er gjengne yver frå dauden til livet, for me elskar
brørne; den som ikkje elskar, vert verande i dauden.
15 Kvar den som hatar bror sin, er ein manndråpar; og
de veit at ingen manndråpar hev ævelegt liv verande
i seg. (aiōnios g166) 16 På det hev me lært å kjenna
kjærleiken, at han sette livet til for oss; me er og
skuldige til å setja livet til for brørne. 17 Men den som
hev gods i denne verdi og ser bror sin hava trong og
let hjarta sitt att for honom, kor kann då kjærleiken til
Gud vera i honom! 18 Mine born, lat oss ikkje elska
med ord eller med tunga, men i gjerning og sanning!
19 Og på dette skal me skyna at me er av sanningi, og
so skal me roa hjarto våre for hans åsyn. 20 For um
enn hjarta fordømer oss, so er Gud større enn hjarta
vårt og kjenner alle ting. 21 Mine kjære! dersom hjarta
ikkje fordømer oss, so hev me fritt mod for Gud, 22 og
det som me bed um, fær me av honom; for me held
hans bod og gjer det som er honom til hugnad. 23 Og
dette er hans bod, at me skal tru på hans son Jesus
Kristi namn og elska kvarandre, so som han baud oss.
24 Og den som held hans bod, han vert verande i
honom og han i honom; og på dette veit me at han vert
verande i oss, av den Ande som han hev gjeve oss.

**4** Mine kjære! tru ikkje på kvar ei ånd, men prøv
ånderne, um dei er av Gud! for det er mange falske
profetar gjengne ut i verdi. 2 På det kjenner de Guds
Ande: kvar ei ånd som sannar at Jesus Kristus er
komen i kjøt, er av Gud; 3 og kvar ei ånd som ikkje
sannar at Jesus Kristus er komen i kjøt, er ikkje av
Gud; og dette er åndi til Antikrist, som de hev høyrt um
at ho kjem, og ho er alt no i verdi. 4 Born, de er av
Gud og hev sigra yver deim; for han som er i dykk,
er større enn han som er i verdi. 5 Dei er av verdi;
difor talar dei av verdi, og verdi høyrer deim. 6 Me er
av Gud; den som kjenner Gud, høyrer oss; den som
ikkje er av Gud, høyrer oss ikkje. På dette kjenner me
sannings-åndi og villfarings-åndi. 7 Mine kjære, lat oss
elska kvarandre! for kjærleiken er av Gud, og kvar
den som elskar, er fødd av Gud og kjenner Gud. 8
Den som ikkje elskar, kjenner ikkje Gud; for Gud er
kjærleik. 9 I det er Guds kjærleik openberra millom
oss, at Gud hev sendt son sin, den einborne, til verdi,
so me skal liva ved honom. 10 I dette er kjærleiken,
ikkje at me hev elska Gud, men at han hev elska oss
og sendt son sin til soning for synderne våre. 11 Mine
kjære! hev Gud elska oss soleis, so er me og skuldige
til å elska kvarandre. 12 Ingen hev noko sinn set Gud;
elskar me kvarandre, so vert Gud verande i oss, og
kjærleiken til honom hev vorte fullkomen i oss. 13 På
dette kjenner me at me er i honom og han i oss, at
han hev gjeve oss av sin Ande. 14 Og me hev set og
vitnar at Faderen hev sendt son sin til frelsar for verdi.
15 Den som sannar at Jesus er Guds Son, i honom
vert Gud verande, og han i Gud. 16 Og me hev lært
å kjenna og trutt på den kjærleiken Gud hev til oss.
Gud er kjærleik, og den som vert verande i kjærleiken,
vert verande i Gud, og Gud i honom. 17 I dette hev
kjærleiken vorte fullkomen hjå oss, at me hev fritt mod
på domedag; for liksom han er, so er me og i denne
verdi. 18 Otte er ikkje i kjærleiken, men den fullkomne
kjærleiken driv otten ut; for otten hev straffi i seg; men
den som ottast, er ikkje fullkomen i kjærleiken. 19 Me
elskar av di han elska oss fyrst. 20 Dersom nokon
segjer: «Eg elskar Gud», og han hatar bror sin, han er
ein ljugar; for den som ikkje elskar bror sin som han
hev set, kor kann han elska Gud, som han ikkje hev
set? 21 Og dette bodet hev me frå honom, at den som
elskar Gud, han skal og elska bror sin.

**5** Kvar den som trur at Jesus er Kristus, han er fødd
av Gud; og kvar den som elskar Faderen, han
elskar og den som er fødd av honom. 2 På dette
kjenner me at me elskar Guds born, når me elskar
Gud og held hans bod. 3 For dette er kjærleiken til
Gud, at me held hans bod; og hans bod er ikkje tunge.
4 For alt som er født av Gud, det sigrar yver verdi; og
dette er den siger som hev sigra yver verdi: vår tru. 5
Kven er det som sigrar yver verdi, utan den som trur at
Jesus er Guds son? 6 Han er den som kom med vatn
og blod, Jesus Kristus, ikkje berre med vatnet, men
med vatnet og blodet. Og Anden er den som vitnar,
for Anden er sanningi. 7 For dei er tri som vitnar: 8
Anden og vatnet og blodet, og desse tri gjeng ut på
eitt. 9 Dersom me tek imot vitnemål av menneski, so
er Guds vitnemål større; for dette er Guds vitnemål, at
han hev vitna um son sin. 10 Den som trur på Guds
son, hev vitnemålet i seg sjølv; den som ikkje trur Gud,
han hev gjort honom til ein ljugar, med di han ikkje

hev trutt på det vitnemålet som Gud hev vitna um son
sin. **11** Og dette er vitnemålet, at Gud hev gjeve oss
ævelegt liv, og dette livet er i son hans. **(aiōnios g166)**
**12** Den som hev Sonen, han hev livet; den som ikkje
hev Guds son, han hev ikkje livet. **13** Dette hev eg
skrive til dykk, so de skal vita at de hev ævelegt liv, de
som trur på Guds sons namn. **(aiōnios g166)** **14** Og dette
er den frimodige tiltru me hev til honom, at dersom
me bed um noko etter hans vilje, so høyrer han oss.
**15** Og dersom me veit at han høyrer oss, kva me so
bed um, so veit me at me hev dei ting som me hev
bede honom um. **16** Dersom nokon ser bror sin gjera
ei synd som ikkje er til dauden, so skal han beda, og
han skal gjeva honom liv, ja deim då, som ikkje syndar
til dauden. Det finst synd til dauden; for henne segjer
eg ikkje at han skal gjera bøn. **17** All urettferd er synd,
og det finst synd som ikkje er til dauden. **18** Me veit at
kvar den som er fødd av Gud, han syndar ikkje; men
den som er fødd av Gud, varar seg, og den vonde
rører honom ikkje. **19** Me veit at me er av Gud, og all
verdi ligg i det vonde. **20** Men me veit at Guds son er
komen og hev gjeve oss skyn til å kjenna den Sanne;
og me er i den Sanne, i hans son Jesus Kristus. Han
er den sanne Gud og det ævelege livet. **(aiōnios g166)**
**21** Born, vara dykk for avgudarne!

# 2 Johannes

**1** Den eldste til den utvalde fru og borni hennar, som
eg elskar i sanning, og ikkje berre eg, men alle
dei med som hev lært å kjenna sanningi, **2** for den
sanning skuld som vert verande i oss og skal vera
med oss til æveleg tid: **(aiōn g165)** **3** Nåde, miskunn,
fred skal vera med oss frå Gud Fader og frå Jesus
Kristus, Faderens son, i sanning og kjærleik! **4** Eg
hev gledt meg storleg yver at eg hev funne nokre av
borni dine som ferdast i sanning, so som me fekk bod
av Faderen. **5** Og no bed eg deg, fru, ikkje som um
eg skreiv deg eit nytt bod, men det som me hadde
frå upphavet: at me skal elska kvarandre. **6** Og dette
er kjærleiken, at me ferdast etter hans bod. Dette er
bodet, so som de høyrde det frå upphavet, at de skal
ferdast etter det. **7** For mange forførarar hev gjenge ut
i verdi, som ikkje sannar at Jesus er Kristus komen i
kjøt. Dette er forføraren og Antikrist. **8** Vara dykk at
de ikkje skal missa det de hev arbeidt dykk til, men
må få full løn! **9** Den som gjeng på avveg og ikkje
held ved i Kristi læra, han hev ikkje Gud; den som
held ved i læra, han hev både Faderen og Sonen. **10**
Dersom det kjem nokon til dykk og ikkje fører denne
læra, so tak honom ikkje inn i huset, og bjod honom
ikkje velkomen! **11** For den som byd honom velkomen,
vert medskuldig med honom i hans vonde verk. **12**
Endå eg hev mykje å skriva til dykk, vil eg ikkje gjera
det med papir og blekk; men eg vonar å koma til dykk
og tala munnleg med dykk, so vår gleda kann verta
fullkomi. **13** Borni til di utvalde syster helsar deg.

# 3 Johannes

1 Den eldste til den kjære Gaius, som eg elskar i
sanning. 2 Kjære ven! Eg ynskjer at du i alle måtar
må liva vel og hava helsa, liksom di sjæl liver vel. 3 For
eg vart mykje glad då det kom nokre brør og vitna um
di sanning, korleis du ferdast i sanning. 4 Eg hev ingi
større gleda enn det, at eg høyrer mine born ferdast
i sanningi. 5 Kjære ven, du gjer ei trufast gjerning
med det du gjer mot brørne, og det jamvel mot dei
framande, 6 og dei hev vitna for kyrkjelyden um din
kjærleik. Du gjer vel um du hjelper deim i veg, som
det er sømelegt for Gud. 7 For det er for hans namn
skuld dei er gjengne ut, og dei tek ikkje imot noko av
heidningarne. 8 Me er då skuldige til å taka imot slike,
so me kann verta medarbeidarar for sanningi. 9 Eg
hev skrive til kyrkjelyden; men Diotrefes, som gjerne vil
vera fyrstemannen millom deim, tek ikkje imot oss. 10
Difor vil eg, når eg kjem, minna um dei gjerningar som
han gjer, med di han baktalar oss med vonde ord; og
ikkje nøgd med det, tek han ikkje sjølv imot brørne, og
deim som det vil, hindrar han og støyter deim ut or
kyrkjelyden. 11 Kjære, gjer ikkje etter det vonde, men
etter det gode! den som gjer godt, er av Gud; den som
gjer vondt, hev ikkje set Gud. 12 Demetrius hev godt
lov av alle og av sjølve sanningi; ogso me gjev honom
godt vitnemål, og du veit at vårt vitnemål er sant. 13 Eg
hadde mangt å skriva til deg, men eg vil ikkje skriva til
deg med blekk og penn. 14 Men eg vonar å få sjå deg
snart, og då skal me talast ved munn til munn. Fred
vere med deg! Venerne helsar deg. Helsa venerne
med namn!

# Judas

**1** Judas, Jesu Kristi tenar og Jakobs bror, til deim
som er kalla, som er elska i Gud Fader og berga
åt Jesus Kristus: **2** Miskunn og fred og kjærleik vere
med dykk i rikt mål! **3** Kjære vener! Medan eg gjorde
meg all umak for å skriva til dykk um vår sams frelsa,
såg eg meg nøydd til å skriva til dykk med påminning
um å strida for den trui som ein gong er yvergjevi til
dei heilage. **4** For nokre menneskje hev snikt seg
inn, som denne domen er uppskriven for alt for lenge
sidan: Ugudlege, som misbrukar vår Guds nåde til
ukjurskap og neittar vår einaste husbond og Herre,
Jesus Kristus. **5** Men sidan de no ein gong veit alt, vil
eg minna dykk um at Herren, då han hadde frelst folket
ut or Egyptarland, sidan tynte deim som ikkje trudde. **6**
Og dei englar som ikkje heldt fast ved sitt høge stand,
men gjekk ifrå sin eigen heim, deim held han i varetekt
i ævelege lekkjor under myrkret til domen på den store
dagen; **(aïdios g126)** **7** liksom Sodoma og Gomorra og
byarne der ikring, då dei på same vis som desse dreiv
hor og for etter framandt kjøt, ligg der til eit fyredøme,
lidande ein æveleg elds refsing. **(aiōnios g166)** **8** Og like
vel gjer desse like eins: med di dei gjeng i draumar,
gjer dei kjøtet ureint, vanvyrder herredøme og spottar
høge magter. **9** Men då yverengelen Mikael trætta
med djevelen um Mose likam, våga han ikkje å segja
ein spottande dom, men sagde: «Herren refse deg!»
**10** Men desse spottar det dei ikkje kjenner; men det dei
av naturi skynar liksom dei vitlause dyr, med det tyner
dei seg. **11** Usæle dei! for dei hev gjenge Kains veg og
kasta seg inn i Bileams villa for vinning skuld og er
tynte ved Korahs upprør. **12** Desse er skamflekkjer ved
dykkar kjærleiks-måltider, når dei utan blygsla sit i gilde
med dykk og forar seg sjølve, vatslause skyer, som
vert umdrivne av vindar, avlauva, fruktlause tre, tvo
gonger utdøydde, upprykte med roti, **13** ville havbåror
som skumar ut si eigi skam, villfarande stjernor, som
kolmyrkret er etla åt i all æva. **(aiōn g165)** **14** Desse
var det og Enok, den sjuande frå Adam, spådde um
då han sagde: «Sjå, Herren kjem med sine mange
tusund heilage **15** for å halda dom yver alle og refsa
alle ugudlege for alle deira ugudlege gjerningar som
dei gjorde, og for alle dei harde ord som dei tala imot
honom, dei ugudlege syndarar!» **16** Desse er folk som
murrar og klagar yver lagnaden, endå dei fer etter sine
lyster, og deira munn talar skrøytande ord, endå dei
gjøler for folk for vinning skuld. **17** Men de, kjære, kom
i hug dei ord som fyrr er tala av vår Herre Jesu Kristi
apostlar! **18** For dei sagde dykk, at i den siste tidi skal
det koma spottarar, som fer etter sine ugudlege lyster.
**19** Desse er dei som skil seg ut, naturlege menneskje
som ikkje hev ånd. **20** Men de, kjære, uppbygg dykk
sjølve på dykkar høgheilage tru! Bed i den Heilage
Ande, **21** og haldt dykk soleis i Guds kjærleik, medan
de ventar på vår Herre Jesu Kristi miskunn til ævelegt
liv! **(aiōnios g166)** **22** Og sume skal de tala til rettes av di
dei tvilar, **23** andre skal de frelsa med di de riv deim
ut or elden, andre skal de miskunna med otte, so de
hatar jamvel den kjolen som hev vorte urein av kjøtet!
**24** Men honom som er megtig til å halda dykk uppe so
de ikkje snåvar, og føra dykk lytelause fram for sin
herlegdom i fagnad, **25** den einaste Gud, vår frelsar
ved Jesus Kristus, vår Herre, honom høyrer herlegdom
til og majestæt og velde og magt fyre all tid og no og i
all æva. Amen. **(aiōn g165)**

# Apenbaring

**1** Jesu Kristi openberring, som Gud gav honom til å
visa tenarane sine det som snart skal hendast; og
han sende bod ved engelen sin og synte det i teikn
for tenaren sin Johannes, **2** som hev vitna um Guds
ord og Jesu Kristi vitnemål, alt det han såg. **3** Sæl er
den som les og dei som høyrer det profetiske ord og
gøymer det som stend skrive der; for tidi er nær! **4**
Johannes til dei sju kyrkjelydarne i Asia: Nåde vere
med dykk og fred frå honom som er og som var og
som kjem, og frå dei sju ånder som er framfor hans
kongsstol, **5** og frå Jesus Kristus, det truverdige vitnet,
den fyrsteføde av dei daude og herren yver kongarne
på jordi! Honom som elskar oss og hev fria oss frå
synderne våre med sitt blod, **6** og som hev gjort oss til
eit kongerike, til prestar for Gud og sin Fader, honom
tilhøyrer æra og magti i all æva! Amen. **(aiōn g165)** **7**
Sjå, han kjem med skyerne, og kvart auga skal sjå
honom, ogso dei som hev gjenomstunge honom, og
alle ætter på jordi skal gråta sårt for honom. Ja, Amen!
**8** Eg er A og Å, segjer Herren Gud, han som er og som
var og som kjem, den Allmegtige. **9** Eg, Johannes,
som er dykkar bror og luthavande i trengsla og i riket
og i tolmodet i Jesus, eg var på den øyi som heiter
Patmos, for Guds ord og Jesu vitnemål skuld. **10** Eg
var burtrykt i Anden på Herrens dag, og eg høyrde
attanfor meg ei sterk røyst som av ein basun, som
sagde: **11** «Det du ser, skriv det upp i ei bok og send
det til dei sju kyrkjelydarne, til Efesus og til Smyrna og
til Pergamum og til Tyatira og til Sardes og til Filadelfia
og til Laodikea!» **12** Og eg snudde meg, so eg kunde
sjå røysti som tala med meg, og då eg snudde meg,
såg eg sju ljosestakar av gull, **13** og midt imillom dei
sju ljosestakarne ein som var lik ein menneskjeson,
klædd i ein fotsid kjole og umbunden under bringa
med eit gullbelte, **14** og hovudet og håret hans var kvitt
som kvit ull, som snø, og augo hans som eldsloge, **15**
og føterne hans var liksom skinande kopar, som dei
var glødde i ein omn, og røysti hans var som ljod av
mange vatn. **16** Og han hadde sju stjernor i si høgre
hand, og eit tvieggja kvast sverd gjekk ut or munnen
hans, og hans åsyn var som soli når ho skin i si kraft.
**17** Og då eg såg honom, fall eg ned for føterne hans
som ein daud; og han lagde si høgre hand på meg og
sagde: **18** «Ottast ikkje! eg er den fyrste og den siste
og den livande; og eg var daud, og sjå, eg er livande i
all æva! Og eg hev lyklarne til dauden og til helheimen.
**(aiōn g165, Hadēs g86)** **19** Skriv då det du såg, både det
som er, og det som skal henda heretter, **20** løyndomen
med dei sju stjernorne som du såg i mi høgre hand, og
dei sju gull-ljosestakarne! Dei sju stjernorne er englar
for dei sju kyrkjelydarne, og dei sju ljosestakarne er dei
sju kyrkjelydarne.»

**2** «Skriv til engelen for kyrkjelyden i Efesus: Dette
segjer han som held dei sju stjernorne i si høgre
hand, han som gjeng midt imillom dei sju gull-
ljosestakarne: **2** Eg veit um gjerningarne dine, og
arbeidet ditt, og tolmodet ditt, og at du ikkje kann lida
dei vonde, og du hev prøvt deim som segjer dei er
apostlar, og ikkje er det, og hev funne at dei er ljugarar;
**3** og du hev tolmod og hev havt mykje å bera for mitt
namn skuld, og du hev ikkje vorte trøytt. **4** Men eg
hev imot deg at du hev uppgjeve din fyrste kjærleik.
**5** Kom difor i hug kvar du er fallen ifrå, og vend um
og gjer dei fyrste gjerningarne! elles kjem eg snart
yver deg og vil flytja ljosestaken din frå sin stad, um
du ikkje umvender deg. **6** Men dette hev du, at du
hatar gjerningarne åt nikolaitarne, som eg og hatar. **7**
Den som hev øyra, han høyre kva Anden segjer til
kyrkjelydarne: Den som sigrar, honom vil eg gjeva å
eta av livsens tre, som er i Guds Paradis. **8** Og skriv til
engelen for kyrkjelyden i Smyrna: Dette segjer den
fyrste og den siste, han som var daud, og vart livande:
**9** Eg veit um trengsla di og fatigdomen din - men du er
rik - og spotti frå deim som segjer at dei er jødar, og
ikkje er det, men er Satans synagoga. **10** Ottast ikkje
for det du skal lida! Sjå, djevelen skal kasta nokre av
dykk i fengsel, so de skal verta freista, og de skal hava
trengsla i ti dagar. Ver tru til dauden, so skal eg gjeva
deg livsens kruna! **11** Den som hev øyra, han høyre
kva Anden segjer til kyrkjelydarne: Den som sigrar,
han skal slett ikkje lida mein av den andre dauden! **12**
Og skriv til engelen for kyrkjelyden i Pergamum: Dette
segjer han som hev det tvieggja kvasse sverdet: **13** Eg
veit kvar du bur: der som Satans kongsstol er, og du
held fast ved mitt namn, og du forneitta ikkje mi tru,
endå i dei dagar då Antipas var mitt true vitne, han
som vart ihelslegen hjå dykk, der Satan bur. **14** Men
eg hev nokre få ting imot deg: at du hev sume der som
held fast ved Bileams læra, han som lærde Balak å
leggja støyt for Israels born, å eta avgudsoffer og gjera
hor. **15** Soleis hev du og sume som held fast ved læra
åt nikolaitarne. **16** Vend um! men um du ikkje det gjer,
kjem eg snart yver deg og vil strida mot deim ved min
munns sverd. **17** Den som hev øyra, han høyre kva
Anden segjer til kyrkjelydarne: Den som sigrar, honom
vil eg gjeva å eta av det løynde manna, og eg vil gjeva
honom ein kvit stein og eit nytt namn skrive på steinen,
som ingen kjenner, utan den som fær det! **18** Og skriv
til engelen for kyrkjelyden i Tyatira: Dette segjer Guds
son, han som hev augo som eldsloge og føter som
skinande kopar: **19** Eg veit um dine gjerningar og din
kjærleik og di tenesta og di tru og tolmodet ditt og dei

siste gjerningarne dine, som er fleire enn dei fyrste. 20
Men eg hev imot deg at du let kvinna Jezabel råda, ho
som segjer at ho er ei profetkvinna, og ho lærer og
dårar mine tenarar til å driva hor og eta avgudsoffer.
21 Og eg gav henne tid til å venda um, men ho vil ikkje
venda um frå sin hordom. 22 Sjå, eg kastar henne
på sjukelægje, og deim som driv hor med henne, i
stor trengsla, dersom dei ikkje vender um frå sine
gjerningar. 23 Og borni hennar vil eg rykkja burt ved
daude, og alle kyrkjelydarne skal sanna at eg er den
som ransakar nyro og hjarto, og eg vil gjeva dykk kvar
etter dykkar gjerningar. 24 Men eg segjer dykk andre i
Tyatira, alle som ikkje hev denne læra, og som ikkje
kjenner Satans dypter - som dei segjer -: Eg vil ikkje
leggja nokor onnor byrd på dykk. 25 Berre haldt fast
ved det de hev, til dess eg kjem! 26 Og den som sigrar
og tek vare på mine gjerningar alt til enden, honom vil
eg gjeva magt yver heidningarne, 27 og han skal styra
deim med jarnstav, liksom ein knasar kruskjerald, so
som eg og hev fenge det av min Fader; 28 og eg vil
gjeva honom morgonstjerna. 29 Den som hev øyra,
han høyre kva Anden segjer til kyrkjelydarne!»

**3** «Og skriv til engelen for kyrkjelyden i Sardes: Dette
segjer han som hev dei sju Guds ånder og dei sju
stjernorne: Eg veit um gjerningarne dine, at du hev
namn av å liva, og du er daud! 2 Vert vaken og styrk
det andre, som var på veg til å døy! for eg hev ikkje
funne gjerningarne dine fullkomne for min Gud. 3 Kom
difor i hug korleis du hev lært og høyrt, og tak vare på
det og vend um! Dersom du då ikkje vaker, skal eg
koma som ein tjuv, og du skal ikkje vita kva stund eg
kjem yver deg. 4 Men du hev nokre få namn i Sardes
som ikkje hev flekka klædi sine, og dei skal ganga
med meg i kvite klæde; for dei er det verde. 5 Den
som sigrar, han skal verta klædd soleis i kvite klæde,
og eg skal ikkje strjuka hans namn ut or livsens bok,
og eg vil kjennast ved hans namn for min Fader og
for hans englar. 6 Den som hev øyra, han høyre kva
Anden segjer til kyrkjelydarne! 7 Og skriv til engelen for
kyrkjelyden i Filadelfia: Dette segjer den Heilage, den
Sannordige, han som hev Davids lykel, han som let
upp, og ingen let att, og let att, og ingen let upp: 8 Eg
veit um dine gjerningar. Sjå, eg hev sett framfyre deg
ei opna dør, og ingen kann lata henne att; for du hev
liti kraft, og hev like vel halde mitt ord og ikkje forneitta
mitt namn. 9 Sjå, eg let nokre av Satans synagoga
koma, som segjer dei er jødar, og ikkje er det, men lyg;
sjå, eg vil gjera so at dei skal koma og falla ned for
føterne dine og kjenna at eg hev elska deg. 10 Sidan
du hev teke vare på mitt ord um tolmod, so vil eg og
halda deg fri frå den freistings stund som skal koma
yver all heimen til å freista deim som bur på jordi. 11
Eg kjem snart; haldt fast på det du hev, so ingen skal
taka kruna di! 12 Den som sigrar, honom vil eg gjera
til ein pilar i min Guds tempel, og han skal aldri meir
ganga ut derifrå, og eg vil skriva på honom min Guds
namn og namnet på min Guds by, det nye Jerusalem,
det som kjem ned frå himmelen frå min Gud, og mitt
namn det nye. 13 Den som hev øyra, han høyre kva
Anden segjer til kyrkjelydarne! 14 Og skriv til engelen
for kyrkjelyden i Laodikea: Dette segjer han som er
amen, det truverdige og sannordige vitnet, upphavet til
Guds skapning: 15 Eg veit um dine gjerningar, at du er
korkje kald eller varm. Gjev du var kald eller varm! 16
Men so, då du er lunka og korkje kald eller varm, vil
eg spy deg ut or munnen min. 17 Sidan du segjer:
«Eg er rik og hev ovnøgd og treng ingen ting», og du
veit ikkje at du er arm og ynkeleg og fatig og blind og
naken, 18 so råder eg deg til å kjøpa av meg gull som
er glødt i eld, so du kann verta rik, og kvite klæde,
so du kann klæda deg med deim, og skammi av din
nakenskap ikkje skal verta synberr, og salva augo dine
med augnesalve, so du kann sjå! 19 Alle deim som
eg elskar, deim refser og tuktar eg. Ver difor ihuga
og vend um! 20 Sjå, eg stend for døri og bankar på;
dersom nokon høyrer mi røyst og let upp døri, so vil eg
ganga inn til honom og halda nattverd med honom, og
han med meg. 21 Den som sigrar, honom vil eg gjeva
å sitja med meg på min kongsstol, liksom og eg hev
sigra og sett meg med min Fader på hans kongsstol.
22 Den som hev øyra, han høyre kva Anden segjer til
kyrkjelydarne!»

**4** Deretter såg eg, og sjå, det var ei dør opna i
himmelen, og den fyrste røysti som eg hadde høyrt
liksom ein basun som tala med meg, sagde: «Stig
upp her, so skal eg syna deg det som skal hendast
heretter!» 2 Straks var eg burtrykt i Anden, og sjå, ein
kongsstol stod i himmelen, og det sat ein på stolen. 3
Og han som sat der, var sjåande til liksom jaspis og
sarderstein, og det var ein regnboge rundt um stolen, å
sjå til liksom smaragd. 4 Og rundt ikring stolen var det
fire og tjuge stolar, og på stolarne såg eg fire og tjuge
eldste sitjande, klædde i kvite klæde, og dei hadde
gullkrunor på hovudi sine. 5 Og frå stolen for det ut
ljoneldar og røyster og toredunar, og framfor stolen
brann sju eldkyndlar, som er dei sju Guds ånder. 6
Og framfor stolen var det eit glashav likt krystall, og
midt fyre stolen og rundt um stolen er det fire livende,
uppfyllte med augo framantil og attantil. 7 Og den
fyrste livendet er likt ei løva, og det andre livendet er
likt ein ukse, og det tridje livendet hev åsyn som eit
menneskje, og det fjorde livendet er likt ei fljugande
ørn. 8 Og dei fire livendi hadde, kvart for seg, seks

vengjer; rundt ikring og innantil var dei uppfyllte med
augo, og dei held ikkje upp dag eller natt med å segja:
«Heilag, heilag, heilag er Herren, Gud den allmegtige,
han som var og som er og som kjem!» 9 Og når dei
fire livendi gjev æra og pris og takk åt honom som
sit på stolen, og som liver i all æva, (aiōn g165) 10 so
fell dei fire og tjuge eldste ned for honom som sit på
stolen, og tilbed honom som liver i all æva, og kastar
krunorne sine ned for stolen og segjer: (aiōn g165) 11
«Verdig er du, Herre, til å få æra og pris og magt! for
du skapte alle ting, og for din vilje skuld var dei til og
vart dei skapte!»

5 Og eg såg i den høgre handi hans som sat på
stolen ei bok med skrift på innsida og utsida og
forsigla med sju innsigle. 2 Og eg såg ein veldug
engel, som ropa ut med høg røyst: «Kven er verdig til
å opna boki og brjota hennar innsigle?» 3 Og ingen i
himmelen eller på jordi eller under jordi kunde opna
boki eller sjå i henne. 4 Då gret eg sårt, av di ingen vart
funnen verdig til å opna boki eller sjå i henne. 5 Og ein
av dei eldste segjer til meg: «Gråt ikkje! sjå, løva som
er av Juda ætt, Davids rotrenning, hev sigra og kann
opna boki og brjota hennar sju innsigle.» 6 Og eg såg
at midt imillom stolen og dei fire livendi og midt imillom
dei eldste stod eit lamb, liksom slagta, og det hadde
sju horn og sju augo, det er dei sju Guds ånder som er
utsende yver all jordi. 7 Og det kom og tok boki or den
høgre handi hans som sat på stolen. 8 Og då det tok
boki, fall dei fire livendi og dei fire og tjuge eldste ned
for Lambet, og dei hadde kvar si harpa og gullskåler
fulle med røykjelse, som er bønerne frå dei heilage. 9
Og dei syng ein ny song og segjer: «Du er verdig til å
taka boki og opna hennar innsigle, av di du vart slagta
og med ditt blod kjøpte oss åt Gud av alle ætter og
tungemål og folk og landslydar. 10 Og du gjorde deim
til eit kongerike og til prestar for vår Gud, og dei skal
vera kongar på jordi!» 11 Og eg såg, og eg høyrde ei
røyst av mange englar ikring stolen og dei fire livendi
og dei eldste; og talet på deim var ti tusund gonger ti
tusund og tusund gonger tusund. 12 Og dei sagde med
høg røyst: «Lambet som er slagta, er verdigt til å få
magt og rikdom og visdom og styrke og pris og æra og
velsigning!» 13 Og kvar skapning som er i himmelen
og på jordi og under jordi og på havet, og alt det som
er i deim, høyrde eg segja: «Honom som sit på stolen,
og Lambet tilhøyrer velsigning og pris og æra og magt
i all æva!» (aiōn g165) 14 Og dei fire livendi sagde:
«Amen!» Og dei fire og tjuge eldste fall ned og tilbad.

6 Og eg såg då Lambet opna eit av dei sju innsigli,
og eg høyrde eit av dei fire livendi segja som med
torerøyst: «Kom!» 2 Og eg såg, og sjå, ein kvit hest;
og han som sat på honom, hadde ein boge, og det vart
gjeve honom ei kruna, og han drog ut med siger og til
siger. 3 Og då det opna det andre innsiglet, høyrde
eg det andre livendet segja: «Kom!» 4 Og det kom
ut ein annan hest, som var raud, og honom som sat
på honom, vart det gjeve å taka freden burt frå jordi,
og at dei skulde slagta kvarandre; og det var gjeve
honom eit stort sverd. 5 Og då det opna det tridje
innsiglet, høyrde eg det tridje livendet segja; «Kom!»
Og eg såg, og sjå, ein svart hest; og han som sat
på honom, hadde ei vegt i handi. 6 Og eg høyrde
liksom ei røyst midt imillom dei fire livendi, som sagde:
«Eit mål kveite for ein pening, og tri mål bygg for ein
pening; men oljen og vinen skal du ikkje skada.» 7 Og
då det opna det fjorde innsiglet, høyrde eg røysti av
det fjorde livendet, som sagde: «Kom!» 8 Og eg såg,
og sjå, ein gul hest; og han som sat på honom, hans
namn var Dauden, og helheimen fylgde med honom:
og det vart gjeve deim magt yver fjordeparten av jordi
til å drepa med sverd og med svolt og med sott og
ved villdyri på jordi. (Hadēs g86) 9 Og då det opna det
femte innsiglet, såg eg under altaret deira sjæler som
var myrde for Guds ord og det vitnemål skuld som
dei hadde. 10 Og dei ropa med høg røyst og sagde:
«Herre, du heilage og sannordige, kor lenge drygjer du
fyrr du held dom og hemner blodet vårt på deim som
bur på jordi?» 11 Og det vart gjeve deim kvar ein lang,
kvit kjole, og det vart sagt deim at dei skulde slå seg
til ro endå ei liti stund, til dess talet vart fullt på deira
medtenarar og brør som skulde verta ihelslegne liksom
dei. 12 Og eg såg då det opna det sette innsiglet, og
sjå, det vart ein stor jordskjelv, og soli vart svart som
ein hårsekk, og månen vart som blod. 13 Og stjernorne
på himmelen fall ned på jordi, liksom eit fiketre kastar
sine umogne fikor ned når det vert rist av sterk vind.
14 Og himmelen kvarv i hop som ein bokrull som vert
samanrulla, og kvart fjell og kvar øy vart flutt frå sin
stad. 15 Og kongarne på jordi og stormennerne og
herhovdingarne og dei rike og dei velduge og kvar træl
og kvar fri mann gøymde seg i holor og i berghamrar.
16 Og dei segjer til fjelli og hamrarne: «Fall yver oss og
gøym oss for hans åsyn som sit på kongsstolen og for
vreiden til Lambet! 17 For deira store vreide-dag er
komen, og kven kann standa seg?»

7 Deretter såg eg fire englar som stod på dei fire
hyrno av jordi og heldt dei fire vindarne på jordi,
so ingen vind skulde blåsa yver jordi eller yver havet
eller på noko tre. 2 Og eg såg ein annan engel, som
steig upp frå solovringi og hadde den livande Guds
innsigle; og han ropa med høg røyst til dei fire englar
som det var gjeve å skada jordi og havet, 3 og sagde:
«Skad ikkje jordi eller havet eller trei, fyrr me fær sett

innsigle på vår Guds tenarar i deira pannor!» 4 Og
eg høyrde talet på deim som hadde fenge innsigle:
eit hundrad og fire og fyrti tusund med innsigle utav
alle ætter av Israels born: 5 av Juda-ætti tolv tusund
med innsigle, av Ruben-ætti tolv tusund, av Gads-ætti
tolv tusund, 6 av Assers-ætti tolv tusund, av Naftali-
ætti tolv tusund, av Manasse-ætti tolv tusund, 7 av
Simeons-ætti tolv tusund, av Levi-ætti tolv tusund,
av Issakars-ætti tolv tusund, 8 av Sebulons-ætti tolv
tusund, av Josefs-ætti tolv tusund, og av Benjamins-
ætti tolv tusund med innsigle. 9 Deretter såg eg, og
sjå: ein stor skare som ingen kunde telja, av alle folk
og ætter og landslydar og tungemål, som stod framfor
kongsstolen og Lambet, klædde i lange kvite klæde og
med palmegreiner i henderne, 10 og dei ropa med høg
røyst og sagde: «Frelsa høyrer til vår Gud, som sit på
kongsstolen, og Lambet.» 11 Og alle englarne stod
rundt um stolen og um dei eldste og dei fire livendi, og
dei fall ned for stolen på sitt andlit og tilbad Gud 12
og sagde: «Amen! Velsigning og æra og visdom og
takk og pris og magt og styrke høyrer til vår Gud i all
æva! Amen.» (aiōn g165) 13 Og ein av dei eldste tok til
ords og sagde til meg: «Desse som er klædde i dei
lange kvite kjolarne, kven er dei, og kvar er dei komne
ifrå?» 14 Eg sagde til honom: «Herre, du veit det.» Og
han sagde til meg: «Dette er dei som kjem ut or den
store trengsla, og dei hev tvege kjolarne sine og gjort
deim kvite i blodet av Lambet. 15 Difor er dei for Guds
kongsstol og tener honom dag og natt i hans tempel;
og han som sit på stolen, skal reisa sin bustad yver
deim. 16 Dei skal ikkje lenger hungra og ikkje lenger
tyrsta; ikkje heller skal soli falla på deim eller nokon
hite; 17 for Lambet som er midt framfor kongsstolen,
skal vakta deim og leida deim til livsens vatskjeldor, og
Gud skal turka kvar tåra frå augo deira.»

**8** Og då det opna det sjuande innsiglet, vart det stilt
i himmelen umkring ein halv time. 2 Og eg såg dei
sju englarne som stend for Guds åsyn, og det vart
gjeve deim sju basunar. 3 Og ein annan engel kom og
stod ved altaret, og han hadde eit røykjefat av gull, og
det vart gjeve honom mykje røykjelse, som han skulde
leggja til bønerne frå alle dei heilage på det gullaltaret
som var framfor stolen. 4 Og røyken av røykjelsen
steig frå engelens hand upp for Gud med bønerne frå
dei heilage. 5 Og engelen tok røykjefatet og fyllte det
med eld frå altaret og kasta det på jordi; og det kom
toredunar og røyster og ljoneldar og jordskjelv. 6 Og
dei sju englarne som hadde dei sju basunarne, gjorde
seg ferdige til å blåsa i deim. 7 Og den fyrste engelen
bles. Og det kom hagl og eld, blanda med blod, og
vart kasta ned på jordi; og tridjeparten av jordi vart
uppbrend, og tridjeparten av trei vart uppbrend, og alt
grønt gras vart uppbrend. 8 Og den andre engelen
bles. Og det vart liksom eit stort fjell, brennande i eld,
kasta i havet; og tridjeparten av havet vart til blod. 9
Og so døydde tridjeparten av dei skapningar i havet
som hadde liv, og tridjeparten av skipi gjekk under.
10 Og den tridje engelen bles. Og frå himmelen fall
ei stor stjerna, brennande som ein kyndel, og ho fall
på tridjeparten av elvarne og på vatskjeldorne. 11 Og
namnet på stjerna var malurt, og tridjeparten av vatnet
vart til malurt, og mange menneskje døydde av vatnet,
då det hadde vorte beiskt. 12 Og den fjorde engelen
bles. Og tridjeparten av soli vart slegen, og tridjeparten
av månen og tridjeparten av stjernorne, so tridjeparten
av deim skulde verta formyrkt, og tridjeparten av dagen
missa ljoset sitt, og natti like eins. 13 Og eg såg, og
eg høyrde ein ørn som flaug under det høgste av
himmelen og sagde med høg røyst: «Usæle, usæle,
usæle dei som bur på jordi, for dei andre basunrøyster
av dei tri englar som endå skal blåsa!»

**9** Og den femte engelen bles. Og eg såg eg ei stjerna
som hadde falle frå himmelen ned på jordi, og
ho fekk lykelen til avgrunnsbrunnen. (Abyssos g12) 2
Og ho opna avgrunnsbrunnen, og ein røyk steig upp
or brunnen, lik røyken av ein stor omn, og soli og
lufti vart myrkte av røyken frå brunnen. (Abyssos g12)
3 Og or røyken kom grashoppar ut på jordi, og det
vart gjeve deim magt, slik som skorpionarne på jordi
hev, 4 og det vart sagt deim at dei ikkje måtte skada
graset på jordi eller noko grønt eller noko tre, men
berre dei menneskje som ikkje hadde Guds innsigle
på pannorne. 5 Og det vart gjeve deim at dei ikkje
skulde drepa deim, men pina deim i fem månader;
og pinsla av deim var som pinsla av ein skorpion når
han sting eit menneskje. 6 Og i dei dagar skal folk
søkja dauden og ikkje finna honom, og stunda etter å
døy, og dauden skal fly frå deim. 7 Og grashopparne
såg ut som hestar, tilbudde til strid; og på hovudi deira
var det liksom krunor av gull, og andliti deira var som
menneskjeandlit. 8 Og dei hadde hår som kvendehår,
og tennerne deira var som løvetenner. 9 Og dei hadde
brynjor liksom jarnbrynjor, og ljoden av vengjerne deira
var som ljod av vogner når mange hestar renner til
strid. 10 Og dei hadde stertar liksom skorpionar, og det
var broddar i stertarne deira, og dei hadde magt til å
skada menneski fem månader. 11 Til konge yver seg
hev dei avgrunnsengelen, hans namn er på hebraisk
Abaddon, og på gresk hev han namnet Apollyon.
(Abyssos g12) 12 Det fyrste usæle er yverstade; sjå, det
kjem tvo usæle etter dette! 13 Og den sette engelen
bles. Og eg høyrde ei røyst frå dei fire horni på det
gullaltaret som stod framfor Gud, 14 og ho sagde til
den sette engelen, som hadde basunen: «Løys dei fire

englarne som er bundne ved den store elvi Eufrat!» 15
Og dei fire englarne vart løyste, dei som hadde vore
ferdige på timen og dagen og månaden og året til å
drepa tridjeparten av menneski. 16 Og talet på herarne
av hestfolk var tvo gonger ti tusund gonger ti tusund;
eg høyrde talet på deim. 17 Og soleis såg eg i syni
hestarne og deim som sat på deim: dei hadde eldraude
og myrkraude og svåvelgule brynjor; og hovudi på
hestarne var som løvehovud, og or munnarne deira fer
det ut eld og røyk og svåvel. 18 Av desse tri: elden
og røyken og svåvelet, som for ut or munnarne deira,
vart tridjeparten av menneski drepen. 19 For magti
åt hestarne ligg i munnen deira og halen deira, for
halarne deira er som ormar og hev hovud, og med
deim gjer dei skade. 20 Og dei andre menneskje, som
ikkje vart drepne i desse plågorne, vende ikkje um
frå dei verki deira hender hadde gjort, so dei heldt
upp med å tilbeda dei vonde ånder og avgudarne av
gull og av sylv og av kopar og av stein og av tre,
som korkje kann sjå eller høyra eller ganga. 21 Og
dei vende ikkje um frå mordgjerningarne sine eller frå
trolldomskunsterne sine eller frå hordomen sin eller frå
tjuvskapen sin.

**10** Og eg såg ein annan veldug engel stiga ned
frå himmelen, sveipt i ei sky, og regnbogen var
yver hovudet hans, og hans åsyn var som soli, og
føterne hans som eldstolpar. 2 Og han hadde i handi
ei liti opna bok, og han sette sin høgre fot på havet og
den vinstre på jordi. 3 Og han ropa med høg røyst,
som ei løva burar, og då han hadde ropa, tala dei sju
toredunar med sine røyster. 4 Og då dei sju toredunar
hadde tala med sine røyster, vilde eg til å skriva; og eg
høyrde ei røyst frå himmelen som sagde til meg: «Set
innsigle for det som dei sju toredunar tala, og skriv
det ikkje upp!» 5 Og engelen, som eg såg standa på
havet og på jordi, lyfte handi upp mot himmelen, 6
og svor ved honom som liver i all æva, som skapte
himmelen og det som er i honom, og jordi og det som
er på henne, og havet og det som er i det, at det ikkje
lenger skal vera nokor tid. (aiōn g165) 7 Men i dei dagar
då røysti av den sjuande engelen vert høyrd, når han
skal blåsa, då skal og Guds løyndom vera fullenda,
so som han forkynte for tenarane sine, profetarne. 8
Og den røysti som eg hadde høyrt frå himmelen, tala
atter med meg og sagde: «Gakk og tak den litle opne
boki i handi på den engelen som stend på havet og
på jordi!» 9 Og eg gjekk burt til engelen og sagde til
honom: «Gjev meg den litle boki!» Og han sagde til
meg: «Tak og et henne, og ho skal svida i magen din;
men i munnen din skal ho vera søt som honning.»
10 Og eg tok den litle boki or handi på engelen og åt
henne, og ho var søt som honning i munnen min, men
då eg hadde ete henne, sveid det i magen min. 11
Og dei segjer til meg: «Du skal atter spå um mange
landslydar og folk og tungemål og kongar.»

**11** Og det vart gjeve meg ei røyr liksom ein stav,
med dei ordi: «Statt upp og mæl Guds tempel
og altaret og deim som tilbed der! 2 Men fyregarden
utanfor templet, lat honom vera og mæl honom ikkje!
for han er gjeven åt heidningarne, og dei skal trøda
ned den heilage byen i tvo og fyrti månader. 3 Og
eg vil gjeva mine tvo vitne, at dei skal vera profetar i
tusund og tvo hundrad og seksti dagar, klædde i sekk.
4 Dette er dei tvo oljetrei og dei tvo ljosestakarne som
stend framfor Herren yver jordi. 5 Og dersom nokon vil
gjera deim skade, so gjeng det eld ut or munnen deira
og fortærer fiendarne deira; ja, dersom nokon vil gjera
deim skade, skal han soleis verta drepen. 6 Desse
hev magt til å lata att himmelen, so de ikkje skal falla
regn i dei dagar dei er profetar; og dei hev magt yver
vatni til å umskapa deim til blod og til å slå jordi med
allslag plåga, so ofte dei vil. 7 Og når dei hev fullført
sitt vitnemål, skal det dyret som stig upp or avgrunnen,
føra strid med deim og vinna på deim og drepa deim.
(Abyssos g12) 8 Og liki deira skal liggja på gatorne i
den store byen, den som i åndeleg tyding vert kalla
Sodoma og Egyptarland, der som og deira herre vart
krossfest. 9 Og nokre av landslydarne og ætterne og
tungemåli og folki skal sjå liki deira tri dagar og ein
halv og ikkje lata liki deira verta lagde i grav. 10 Og
dei som bur på jordi, skal gleda seg yver deim og
fagna seg og senda kvarandre gåvor, av di desse tvo
profetarne var til plåga for deim som bur på jordi.» 11
Og etter dei tri dagar og ein halv kom det livs-ande
frå Gud i deim, og dei stod på føterne, og ein stor
otte fall på deim som såg deim. 12 Og dei høyrde ei
høg røyst frå himmelen som sagde til deim: «Stig upp
her!» Og dei steig upp til himmelen i skyi, og fiendarne
deira såg deim. 13 Og i same stundi kom det ein stor
jordskjelv, og tiandeparten av byen fall, og sju tusund
mann vart drepne i jordskjelven; og dei andre vart
forfærde og gav Gud i himmelen æra. 14 Det andre
usæle er yverstade; sjå, det tridje usæle kjem snart. 15
Og den sjuande engelen bles. Og det vart høyrt høge
røyster i himmelen, som sagde: «Kongedømet yver
verdi er tilfalle vår Herre og den han salva, og han skal
vera konge i all æva.» (aiōn g165) 16 Og dei fire og tjuge
eldste, som sit framfor Gud på stolarne sine, fall ned
på sitt andlit og tilbad Gud 17 og sagde: «Me takkar
deg, Herre Gud, du allmegtige, du som er og som var,
at du hev teke di store magt og vorte konge. 18 Og
heidningarne hev vorte vreide, og din vreide er komen,
og den tid då dei daude skal dømast, og då du skal
løna dine tenarar, profetarne og dei heilage og deim

som ottast ditt namn, dei små og dei store, og då du
skal øyda deim som øyder jordi.» 19 Og Guds tempel i
himmelen vart upplate, og hans sambandskista vart
sedd i templet hans; og det kom ljoneldar og røyster
og toredunar og jordskjelv og stort hagl.

**12** Og eit stort teikn vart set i himmelen: ei kvinna
klædd med soli, og med månen under føterne,
og på hovudet hadde ho ei kruna av tolv stjernor. 2
Og ho var med barn og skreik i barnsnaud og i harde
føderider. 3 Og eit anna teikn vart set i himmelen,
og sjå: ein stor eldraud drake, som hadde sju hovud
og ti horn og på hovudi sine sju krunor. 4 Og sterten
hans drog tridjeparten av stjernorne på himmelen
med seg og kasta deim ned på jordi; og draken stod
framfor kvinna som skulde føda, so han kunde gløypa
barnet hennar når ho hadde født det. 5 Og ho fødde
eit gutebarn, som skal styra alle heidningarne med
jarnstav, og barnet hennar vart upprykt til Gud og til
hans kongsstol. 6 Og kvinna flydde ut i øydemarki, der
ho hev ein stad som Gud hev laga til åt henne, for
at dei skal næra henne der i tusund tvo hundrad og
seksti dagar. 7 Og det vart ein strid i himmelen: Mikael
og hans englar stridde med draken, og draken stridde,
og hans englar. 8 Og dei vann ikkje, og deira stad
vart ikkje heller meir funnen i himmelen. 9 Og den
store draken vart kasta ned, den gamle ormen, han
som vert kalla djevelen og Satan, han som dårar heile
verdi; han vart kasta ned på jordi, og englarne hans
vart kasta ned med honom. 10 Og eg høyrde ei høg
røyst i himmelen, som sagde: «Frå no eig vår Gud
frelsa og krafti og riket, og den han salva, hev magti;
for klagaren mot brørne våre er kasta ned, han som
klaga deim for vår Gud dag og natt. 11 Og dei hev
vunne yver honom i kraft av blodet av Lambet og det
ordet dei vitna; og dei hadde ikkje livet sitt kjært, alt til
dauden. 12 Difor fagna dykk, de himlar, og de som bur
i deim! Usæle jordi og havet! for djevelen hev fare ned
til dykk i stor vreide, då han veit at han berre hev ei liti
tid.» 13 Og då draken såg at han var nedkasta til jordi,
forfylgde han kvinna som hadde født guten. 14 Og
dei tvo vengjerne på den store ørnen vart gjevne til
kvinna, so ho skulde fljuga ut i øydemarki til sin stad,
der ho fær si føda ei tid og tider og ei halv tid, langt
ifrå augo på ormen. 15 Og ormen spruta or gapet sitt
vatn som ei elv etter kvinna, for å riva henne burt med
elvi. 16 Men jordi kom kvinna til hjelp, og jordi opna sin
munn og svelgde elvi som draken spruta ut or gapet
sitt. 17 Og draken vart arg på kvinna og gjekk burt og
skulde strida med dei andre av hennar ætt, dei som
held Guds bod og hev Jesu vitnemål. Og eg stod på
sanden ved havet.

**13** Og eg såg eit dyr stiga upp or havet, det hadde ti
horn og sju hovud, og på horni sine ti krunor, og
på hovudi sine spottings namn. 2 Og dyret som eg
såg, var likt ein leopard, og føterne på det var som på
ein bjørn, og gapet som eit løvegap. Og draken gav
det si kraft og sin kongsstol og stor magt. 3 Og eg såg
eit av hovudi på det liksom såra til ulivs; og ulivssåret
vart lækt, og all jordi undrast og fylgde etter dyret; 4 og
dei tilbad draken for di han hadde gjeve dyret magt,
og dei tilbad dyret og sagde: «Kven er lik dyret, og
kven kann strida mot det?» 5 Og det vart gjeve det ein
munn som tala store og spottande ord, og det vart
gjeve det magt til å halda på i tvo og fyrti månader. 6
Og det opna munnen sin til spottingar mot Gud, til å
spotta hans namn og hans bustad, deim som bur i
himmelen. 7 Og det vart det gjeve å føra strid mot
dei heilage og vinna på deim, og det vart gjeve det
magt yver kvar ætt og kvar landslyd og kvart tungemål
og kvart folk. 8 Og alle som bur på jordi, skal tilbeda
det, kvar den som ikkje frå verdi vart grunnlagd, hev
fenge namnet sitt skrive i livsens bok hjå Lambet som
er slagta. 9 Dersom nokon hev øyra, so høyre han!
10 Um nokon fører i fengsel, han skal i fengsel. Um
nokon drep med sverd, han skal drepast med sverd.
Her er tolmodet og trui til dei heilage. 11 Og eg såg
eit anna dyr stiga upp or jordi, og det hadde tvo horn
liksom eit lamb, og tala liksom ein drake. 12 Og det
brukar heile magti åt det fyrste dyret for augo på det,
og gjer at jordi og dei som bur på henne, tilbed det
fyrste dyret, som ulivssåret vart lækt på. 13 Og det
gjer store teikn, so det endå fær eld til å falla ned frå
himmelen på jordi for augo på menneski. 14 Og det
dårar deim som bur på jordi, for dei teikn skuld som
det hev fenge magt til å gjera for augo på dyret, med
di det segjer til deim som bur på jordi, at dei skal gjera
eit bilæte åt det dyret som hev såret av sverdet og vart
i live. 15 Og det fekk magt til å gjeva dyrebilætet livs-
ande, so dyrebilætet jamvel kunde tala, og gjera so,
at alle dei som ikkje vilde tilbeda dyrebilætet, skulde
drepast. 16 Og det gjer at alle, både små og store, rike
og fatige, frie og trælar, fær eit merke på si høgre hand
eller på panna si, 17 og at ingen kann kjøpa eller selja,
utan den som hev merket, namnet på dyret eller talet
for dette namnet. 18 Her er det visdomen! Den som
hev vit, han rekne ut talet til dyret; for det er talet for eit
menneskje, og talet for det er seks hundrad og seks
og seksti.

**14** Og eg såg, og sjå: Lambet stod på Sionsfjellet
og med det hundrad og fire og fyrti tusund, som
hadde dess namn og dess Faders namn skrive på
panna. 2 Og eg høyrde ei røyst frå himmelen liksom
ljoden av mange vatn og som ljoden av sterk tora,

og eg høyrde ljod av harpespelarar som spela på
harporne sine. 3 Og dei song ein ny song framfor
kongsstolen og for dei fire livendi og dei eldste; og
ingen kunde læra songen, utan dei hundrad og fire og
fyrti tusund, dei som er kjøpte frå jordi. 4 Desse er
dei som ikkje hev gjort seg ureine med kvende; for
dei er som møyar. Desse er dei som fylgjer Lambet
kvar helst det gjeng. Desse er kjøpte frå menneski til
ei fyrstegrøda for Gud og Lambet, 5 og i deira munn
er ikkje funne svik; for dei er utan lyte. 6 Og eg såg
ein annan engel fljuga under det høgste av himmelen;
han hadde eit ævelegt evangelium å forkynna deim
som bur på jordi og alle folk og ætter og tungemål
og landslydar, (aiōnios g166) 7 og han sagde med høg
røyst: «Ottast Gud og gjev honom æra! for timen til
hans dom er komen; og tilbed honom som gjorde
himmelen og jordi og havet og vatskjeldorne!» 8 Og
endå ein annan engel fylgde etter og sagde: «Falli, falli
er Babylon, den store, ho som hev skjenkt alle folki av
sin hordoms vreide-vin.» 9 Og endå ein tridje engel
fylgde etter deim og sagde med høg røyst: «Dersom
nokon tilbed dyret og bilætet av det og tek merket på
panna si eller på handi si, 10 so skal han og drikka av
Guds vreide-vin, som er skjenkt ublanda i hans harms
skål, og han skal verta pint med eld og svåvel for
augo på dei heilage englar og Lambet. 11 Og røyken
av pinsla deira stig upp i all æva, og dei hev ikkje
kvila dag eller natt, dei som tilbed dyret og bilætet av
det, og kvar ein som tek namnemerket til det.» (aiōn
g165) 12 Her er tolmodet til dei heilage, dei som held
Guds bod og trui på Jesus. 13 Og eg høyrde ei røyst
frå himmelen som sagde: «Skriv: Sæle er dei daude
som døyr i Herren heretter! Ja, segjer Anden, dei skal
kvila frå arbeidet sitt, for gjerningarne deira fylgjer med
deim.» 14 Og eg såg, og sjå: ei kvit sky, og på skyi sat
ein som var lik ein menneskjeson, og han hadde ei
gullkruna på hovudet og ein kvass sigd i handi. 15
Og ein annan engel kom ut or templet og ropa med
høg røyst til honom som sat på skyi: «Send ut sigden
din og skjer! for timen til skurden er komen; for jordi
er mogi til skurd.» 16 Og han som sat på skyi, let
sigden sin fara yver jordi, og jordi vart skori. 17 Og ein
annan engel kom ut or templet i himmelen, og han
hadde ein kvass sigd, han og. 18 Og endå ein annan
engel kom ut frå altaret, og han hadde magt yver elden
og ropa med høg røyst til honom som hadde den
kvasse sigden: «Send ut den kvasse sigden din og
skjer druvorne av vintreet på jordi; for beri på det er
mogne!» 19 Og engelen let sigden sin fara yver jordi
og skar frukti av vintreet på jordi og kasta henne i den
store vinpersa til Guds vreide. 20 Og vinpersa vart
trødd utanfor byen, og det gjekk blod ut frå persa heilt
upp til beisli på hestarne, so langt som tusund og seks
hundrad stadier.

**15** Og eg såg eit anna teikn i himmelen, stort og
underlegt: sju englar, som hadde dei sju siste
plågorne; for med deim er Guds vreide fullenda. 2 Og
eg såg liksom eit glashav, blanda med eld, og deim
som hadde vunne siger yver dyret og yver bilætet av
det og yver namnetalet på det, såg eg standa ved
glashavet og halda Guds harpor. 3 Og dei song songen
åt Moses, Guds tenar, og songen åt Lambet og sagde:
«Store og underlege er dine gjerningar, Herre Gud,
du allmegtige! Rettferdige og sanne er dine vegar, du
konge yver folki! 4 Kven skulde ikkje ottast, Herre, og
æra ditt namn? for einast du er heilag; for alle folki skal
koma og tilbeda for di åsyn, for dine rettferdige domar
hev vorte openberre!» 5 Og deretter såg eg, og sjå:
Templet med vitnemålstjeldet i himmelen vart opna,
6 og dei sju englarne som hadde dei sju plågorne,
kom ut or templet, klædde i reint og skinande linty og
umbundne um bringa med gullbelte. 7 Og eit av dei
fire livendi gav dei sju englarne sju gullskåler, fyllte
med Guds vreide, hans som liver i all æva. (aiōn g165)
8 Og templet var fyllt med røyk av Guds herlegdom og
av hans magt, og ingen kunde ganga inn i templet fyrr
dei sju plågorne frå dei sju englarne var fullenda.

**16** Og eg høyrde ei høg røyst frå templet, som
sagde til dei sju englarne: «Gakk og tøm dei
sju skålerne med Guds vreide ut på jordi!» 2 Og den
fyrste gjekk og tømde si skål på jordi; og det kom ein
vond og våleg svoll på dei menneskje som hadde
merket åt dyret, og som tilbad bilætet av det. 3 Og den
andre engelen tømde si skål i havet, og det vart til
blod som av ein daud mann, og kvar livande sjæl i
havet døydde. 4 Og den tridje engelen tømde si skål i
elvarne og vatskjeldorne, og det vart til blod. 5 Og eg
høyrde engelen yver vatni segja: «Rettferdig er du som
er og som var, du heilage, at du hev halde slik dom. 6
For blod av heilage og av profetar rende dei ut, og blod
gav du deim å drikka; for dei er det verde.» 7 Og eg
høyrde altaret segja: «Ja, Herre Gud, du allmegtige!
Sanne og rettferdige er dine domar!» 8 Og den fjorde
engelen tømde si skål på soli, og ho fekk magt til å
brenna menneski med eld. 9 Og menneski vart brende
av stor hite, og dei spotta Guds namn, hans som hev
magt yver desse plågorne, og dei vende ikkje um, so
dei gav honom æra. 10 Og den femte engelen tømde
si skål yver kongsstolen til dyret; og riket til det vart
formyrkt, og dei togg tungorne sine av pinsla, 11 og dei
spotta Gud i himmelen for pinslorne sine og svollarne
sine, og vende ikkje um frå sine gjerningar. 12 Og den
sette engelen tømde si skål i den store elvi Eufrat,

og vatnet hennar turka upp, so vegen skulde verta
rudd for kongarne frå Austerland. 13 Og eg såg at det
or munnen på draken og or munnen på dyret og or
munnen på den falske profeten kom ut tri ureine ånder
liksom paddor. 14 For dei er djevle-ånder som gjer
teikn, og dei gjeng ut til kongarne i heile mannheimen
til å sanka deim saman til striden på den store dagen
åt Gud den allmegtige. 15 Sjå, eg kjem som ein tjuv!
Sæl er den som vaker og vaktar klædi sine, so han
ikkje skal ganga naken, og dei skal sjå hans skam! 16
Og han førde deim saman til den stad som heiter på
hebraisk Harmageddon. 17 Og den sjuande engelen
tømde si skål i lufti, og ei høg røyst kom ut frå templet i
himmelen, frå kongsstolen, og sagde: «Det er gjort!»
18 Og der kom ljoneldar og røyster og toredunar, og
det vart ein stor jordskjelv, ein slik at det, alt sidan
menneskja vart til på jordi, ikkje hev vore ein sovoren
jordskjelv, so stor. 19 Og den store byen vart kløyvd i
tri partar, og byarne åt folki fall, og Babylon, den store,
vart ihugkomi for Gud, at han skulde gjeva henne
skåli med vinen av sin strenge vreide. 20 Og kvar
øy kvarv burt, og fjell vart ikkje funne. 21 Og stort
hagl, som hundrad pund tungt, fall ned frå himmelen
på menneski, og menneski spotta Gud for plåga av
haglet; for den plåga var ovleg stor.

**17** Og ein av dei sju englarne som hadde dei sju
skålerne, kom og tala med meg og sagde: «Kom,
eg skal visa deg domen yver den store skjøkja, som sit
ved dei mange vatni, 2 henne som kongarne på jordi
hev hora med, og dei som bur på jordi, vart drukne
av hennar hordoms vin.» 3 Og han førde meg i åndi
burt i ei øydemark, og eg såg ei kvinna sitja på eit
skarlakraudt dyr, som var fullt med spottings namn og
hadde sju hovud og ti horn. 4 Og kvinna var klædd i
purpur og skarlak og lyste av gull og dyre steinar og
perlor; ho hadde i handi ei gullskål full med styggedom
og med ureinska av hordomen hennar. 5 Og på panna
hennar var skrive eit namn, ein løyndom: Babylon,
den store, mor åt skjøkjorne og styggedomarne på
jordi. 6 Og eg såg kvinna fullskjenkt med blodet av
dei heilage og med blodet av Jesu vitne, og eg undra
meg storleg då eg såg henne. 7 Og engelen sagde til
meg: «Kvi undra du deg? Eg vil segja deg løyndomen
med kvinna og med dyret som ber henne, og som
hev dei sju hovudi og ti horni. 8 Det dyret du såg, det
var og er ikkje, og det skal stiga upp or avgrunnen
og fara burt til undergang; og dei som bur på jordi,
som ikkje hev namni sine skrivne i livsens bok frå verdi
vart grunnlagd, dei skal undra seg når dei ser at dyret
var og ikkje er og skal koma att. **(Abyssos g12)** 9 Her
spørst det um vitet som hev visdom! Dei sju hovudi er
sju fjell, som kvinna sit på, 10 og dei er sju kongar;
dei fem er falne, den eine er til, den andre er ikkje
komen endå; og når han kjem, skal han berre halda
seg ei stutt tid. 11 Og dyret som var og ikkje er, det
er sjølv den åttande og er og ein av dei sju og fer
burt til undergang. 12 Og dei ti horni som du såg, er ti
kongar som ikkje endå hev fenge rike, men dei fær
magt som kongar ein time saman med dyret. 13 Desse
hev same tanken, og si kraft og magt gjev dei til dyret.
14 Desse skal strida mot Lambet, og Lambet skal vinna
yver deim, for det er herren yver herrar og kongen
yver kongar, og dei som er med det, dei som er kalla
og utvalde og trufaste.» 15 Og han sagde til meg:
«Dei vatni som du såg der skjøkja sit, er landslydar og
flokkar og folk og tungemål. 16 Og dei ti horni som du
såg, og dyret, desse skal hata skjøkja og gjera henne
aud og naki, og kjøtet hennar skal dei eta, og henne
sjølv skal dei brenna upp med eld. 17 For Gud gav
deim i hjarta å fullføra hans tanke og fullføra den eine
og same tanken og gjeva dyret sitt rike, til dess Guds
ord er fullførde. 18 Og kvinna som du såg, er den store
byen som hev kongeveldet yver kongarne på jordi.»

**18** Deretter såg eg ein annan engel stiga ned frå
himmelen; han hadde stor magt, og jordi vart
upplyst av hans herlegdom. 2 Og han ropa med sterk
røyst og sagde: «Falli, falli er Babylon, den store, og
ho hev vorte bustad for vonde ånder, eit fangebol for
alle ureine ånder, og eit fangebol for alle ureine og
styggjelege fuglar. 3 For av hennar hordoms vreide-vin
hev alle folki drukke, og kongarne på jordi hev drive
hor med henne, og kjøpmennerne på jordi hev vorte
rike av hennar ovlivnads fylla.» 4 Og eg høyrde ei
onnor røyst frå himmelen, som sagde: «Gakk ut frå
henne, de mitt folk, so de ikkje skal verta medskuldige i
synderne hennar og ikkje få noko av plågorne hennar!
5 For synderne hennar når heilt upp til himmelen, og
Gud hev kome hennar urettferdige gjerningar i hug.
6 Gjev henne att som ho hev gjeve, og gjev henne
tvifaldt etter hennar gjerningar! Skjenk henne tvifaldt i
den skåli som ho hev skjenkt i! 7 So mykje som ho
hev æra seg sjølv og livt i ovlivnad, so mykje pinsla og
sorg gjeve de henne! For ho segjer i sitt hjarta: «Eg sit
som dronning og er ikkje enkja, og sorg skal eg ikkje
sjå.» 8 Difor skal plågorne hennar koma på ein dag:
daude og sorg og svolt, og ho skal verta uppbrend
med eld; for sterk er Herren Gud, som dømde henne.
9 Og kongarne på jordi som hev drive hor og ovlivnad
med henne, skal gråta og barma seg yver henne, når
dei ser røyken av hennar brand, 10 medan dei stend
langt undan av otte for pinsla hennar og segjer: «Usæl,
usæl du store by Babylon, du sterke by! at domen
din er komen i ein time!» 11 Og kjøpmennerne på
jordi græt og syrgjer yver henne, av di ingen lenger

kjøper varorne deira: 12 varor av gull og sylv og dyre
steinar og perlor og kostelegt linty og purpur og silke
og skarlak og allslag angande tre og allslag kjerald av
filsbein og allslag kjerald av dyrverdigt tre og kopar og
jarn og marmor 13 og kanel og hårsalve og røykjelse
og myrra og røykjeverk og vin og olje og fint mjøl og
kveite og storfe og sauer og hestar og vogner og trælar
og menneskje-sjæler. 14 Og den frukt som di sjæl
hadde lyst til, er komi burt frå deg, og alt det feite og
glimande er kome burt frå deg, og aldri skal nokon
finna det meir. 15 Dei som handlar med desse ting,
som hev vorte rike ved henne, skal standa langt undan
av otte for pinsla hennar og gråta og syrgja 16 og
segja: «Usæl, usæl den store byen, som var klædd i
kostelegt linty og purpur og skarlak, og lyste av gull og
dyre steinar og perlor; at so stor ein rikdom er øydd i
ein time!» 17 Og kvar styremann og kvar skipsførar og
alle sjøfolk og alle dei som fer på havet, stod langt
undan 18 og ropa då dei såg røyken av hennar brand,
og sagde: «Kven er lik den store byen?» 19 Og dei
kasta dust på hovudi sine og ropa med gråt og sorg
og sagde: «Usæl, usæl den store byen, der alle som
hadde skip på havet, vart rike av hennar eignaluter,
at ho vart lagd i øyde i ein time!» 20 Fagna deg yver
henne, du himmel, og de apostlar og profetar, av di
Gud hev halde dom for dykk yver henne!» 21 Og ein
veldug engel lyfte ein stein som ein stor kvernstein
og kasta honom i havet og sagde: «So skal Babylon,
den store byen, med hast verta nedkasta og ikkje meir
verta funnen. 22 Og ingen ljod av harpespelarar og
songarar og fløytelåtarar og lurblåsarar skal lenger
verta høyrd i deg, og ingen som driv nokor kunst, skal
lenger verta funnen i deg, og ingen ljod av kvern lenger
verta høyrd i deg. 23 Og ljos av lampa skal ikkje lenger
skina i deg, og røyst av brudgom og brur ikkje lenger
verta høyrd i deg; for dine kjøpmenner var storkararne
på jordi, av di alle folk vart dåra ved din trolldom. 24
Og i henne vart det funne blod av profetar og heilage
og av alle deim som er myrde på jordi.»

**19** Deretter høyrde eg liksom ei høg røyst av ein
stor skare i himmelen, som sagde: «Halleluja!
Frelsa og æra og magti tilhøyrer vår Gud! 2 For sanne
og rettferdige er hans domar; for han hev dømt den
store skjøkja, ho som øydelagde jordi med sin hordom,
og han hev kravt blodet av sine tenarar ut or hennar
hand!» 3 Og dei sagde ein gong til: «Halleluja! Og
røyken av henne stig upp i all æva.» **(aiōn g165)** 4 Og
dei fire og tjuge eldste og dei fire livendi fall ned og
tilbad Gud, som sat på kongsstolen, og sagde: «Amen!
halleluja!» 5 Og det kom ei røyst ut frå kongsstolen og
sagde: «Lova vår Gud, alle hans tenarar, og de som
ottast honom, både små og store!» 6 Og eg høyrde
liksom ei røyst av ein stor skare, og som ein ljod av
mange vatn, og som ein ljod av sterke toredunar, som
sagde: «Halleluja! for Herren, Gud den allmegtige, hev
vorte konge! 7 Lat oss gleda og fagna oss og gjeva
honom æra, for brudlaupet åt Lambet er kome, og bruri
hans hev butt seg til! 8 Og det er henne gjeve å klæda
seg i reint og skinande fint linty; for det fine lintyet er
dei rettferdige gjerningar av dei heilage.» 9 Og han
segjer til meg: «Skriv: Sæle er dei som er bedne til
brudlaups-nattverden åt Lambet!» Og han segjer til
meg: «Dette er Guds sanne ord.» 10 Og eg fall ned for
føterne hans og vilde tilbeda honom, og han segjer
til meg: «Sjå til du ikkje gjer det! eg er medtenar til
deg og brørne dine, som hev Jesu vitnemål. Tilbed
Gud! For Jesus vitnemål er anden med profetordet.»
11 Og eg såg himmelen opna, og sjå: ein kvit hest; og
den som sat på honom, heiter «Trufast og sannordig»,
og han dømer og strider med rettferd. 12 Augo hans
er som eldsloge, og på hovudet hans er det mange
krunor; han hev eit namn skrive som ingen kjenner,
utan han sjølv. 13 Og han er klædd i ein klædnad,
duppa i blod, og hans namn er kalla: «Guds ord». 14
Og herarne i himmelen fylgde honom på kvite hestar
og klædde i kvitt og reint fint linty. 15 Og or munnen
hans gjeng det ut eit kvast sverd til å slå heidningarne
med, og han skal styra deim med jarnstav, og han
trøder persa med den strenge vreide-vin frå Gud, den
allmegtige. 16 Og han hev på sin klædnad og på si
lend eit namn skrive: «Kongen yver kongar og herren
yver herrar.» 17 Og eg såg ein engel som stod i soli,
og han ropa med høg røyst og sagde til alle fuglar som
flyg under det høgste av himmelen: «Kom og sanka
dykk til Guds store matmål: 18 til å eta kjøt av kongar
og kjøt av herhovdingar og kjøt av velduge og kjøt av
hestar og kjøt av deim som sat på deim, og kjøt av alle,
frie og trælar, små og store!» 19 Og eg såg dyret og
kongarne på jordi og herarne deira samankomne til å
føra strid mot honom som sat på hesten, og mot hans
her. 20 Og dyret vart gripe, og saman med det den
falske profeten, han som for augo på det hadde gjort
dei teikni han hadde dåra deim med som tok merket åt
dyret og tilbad bilætet av det. Desse tvo vart kasta
livande i eldsjøen som brenn med svåvel. **(Limnē Pyr
g3041 g4442)** 21 Og dei andre vart drepne med sverdet
hans som sat på hesten, det som gjekk ut or munnen
hans. Og alle fuglarne vart metta av kjøtet deira.

**20** Og eg såg ein engel stige ned frå himmelen,
som hadde lykelen til avgrunnen og ei stor lekkja
i handi si. **(Abyssos g12)** 2 Og han greip draken, den
gamle ormen, som er djevelen og Satan, og batt
honom for tusund år 3 og kasta honom i avgrunnen og

læste honom inne og sette innsigle yver honom, so
han ikkje lenger skulde dåra folki, til dess dei tusund
år var fullenda. Og etter den tid skal han verta løyst
ei liti stund. **(Abyssos g12)** **4** Og eg såg stolar, og dei
sette seg på deim, og det vart gjeve deim magt til å
halda dom; og eg såg deira sjæler som var halshogne
for Jesu vitnemål og Guds ord skuld, og deim som
ikkje hadde tilbede dyret eller bilætet av det, og ikkje
teke merket på panna si og på handi si; og dei vart
livande og rådde saman med Kristus i tusund år. **5**
Men dei andre daude vart ikkje livande att, fyrr dei
tusund år var fullenda. Dette er den fyrste uppstoda. **6**
Sæl og heilag er den som hev lut i den fyrste uppstoda;
yver deim hev den andre dauden ingi magt, men dei
skal vera Guds og Kristi prestar og råda saman med
honom i tusund år. **7** Og når dei tusund åri er fullenda,
skal Satan verta løyst ut or sitt fengsel, **8** og han skal
ganga ut og dåra folki ved dei fire jordhyrno, Gog og
Magog, og føra deim saman til strid, og talet på deim
er som havsens sand. **9** Og dei drog upp på den vide
jordflata og kringsette lægret åt dei heilage og den
byen som Gud elska. Og det fall eld ned ifrå himmelen
frå Gud og øydde deim. **10** Og djevelen, som hadde
dåra deim, vart kasta i sjøen med eld og svåvel, der
dyret og den falske profeten var; og dei skal verta pinte
dag og natt i all æva. **(aiōn g165, Limnē Pyr g3041 g4442)** **11**
Og eg såg ein stor kvit kongsstol, og honom som sat
derpå; og jordi og himmelen flydde frå hans åsyn, og
det fanst ikkje nokon stad for deim. **12** Og eg såg dei
daude, små og store, standa framfor Gud, og bøker
vart opna, og ei onnor bok vart opna, det er livsens
bok. Og dei daude vart dømde etter det som var skrive
i bøkerne, etter gjerningarne sine. **13** Og havet gav
att dei daude som var i det, og dauden og helheimen
gav att dei daude som var i deim, og dei vart dømde
kvar etter sine gjerningar. **(Hadēs g86)** **14** Og dauden og
helheimen vart kasta i eldsjøen. Dette er den andre
dauden: eldsjøen. **(Hadēs g86, Limnē Pyr g3041 g4442)** **15**
Og dersom nokon ikkje vart funnen uppskriven i livsens
bok, so vart han kasta i eldsjøen. **(Limnē Pyr g3041 g4442)**

**21** Og eg såg ein ny himmel og ei ny jord; for den
fyrste himmelen og den fyrste jordi hadde kvorve
burt, og havet er ikkje meir. **2** Og eg såg den heilage
byen, det nye Jerusalem, stiga ned ifrå himmelen frå
Gud, budd som ei brur som er prydd for brudgomen
sin. **3** Og eg høyrde ei høg røyst frå kongsstolen, som
sagde: «Sjå, Guds bustad er hjå menneski, og han
skal bu hjå deim; og dei skal vera hans folk, og Gud
sjølv skal vera hjå deim og vera deira Gud. **4** Og han
skal turka kvar tåra av augo deira, og dauden skal ikkje
meir vera til, og ikkje sorg og ikkje skrik og ikkje pinsla
skal meir vera til; for dei fyrste ting er burtfarne.» **5** Og
han som sat på kongsstolen, sagde: «Sjå, eg gjer alle
ting nye!» Og han segjer til meg: «Skriv! for desse ordi
er truverdige og sanne.» **6** Og han sagde til meg: «Det
er gjort. Eg er A og Å, upphavet og enden. Eg vil gjeva
den tyrste av kjelda med livsens vatn for inkje. **7** Den
som sigrar, skal erva alle ting, og eg vil vera hans Gud,
og han skal vera min son. **8** Men dei som er ræddhuga
og vantruande og styggjelege og manndråparar og
horkarar og trollmenner og avgudsdyrkarar og alle
ljugarar, deira lut skal vera i sjøen som brenn med eld
og svåvel; det er den andre dauden.» **(Limnē Pyr g3041 g4442)** **9** Og ein av dei sju englarne som hadde dei sju
skålerne, fyllte med dei sju siste plågorne, kom til meg
og tala med meg og sagde: «Kom, eg skal visa deg
bruri, vivet til Lambet!» **10** Og han førde meg i åndi
burt på eit stort og høgt fjell og viste meg den heilage
byen Jerusalem, som steig ned frå himmelen frå Gud.
**11** Han hadde Guds herlegdom, og hans ljos var som
av den kostelegaste stein, som krystallblank jaspis. **12**
Og han hadde ein stor og høg mur, han hadde tolv
portar, og på portarne tolv englar og innskrivne namn,
som er namni på dei tolv ætter av Israels born: **13** mot
aust tri portar, mot nord tri portar, mot sud tri portar,
mot vest tri portar. **14** Og muren um byen hadde tolv
grunnsteinar, og på deim namni på dei tolv apostlar
åt Lambet. **15** Og han som tala med meg, hadde ei
gullrøyr til å mæla byen og portarne og muren hans.
**16** Og byen ligg i ein firkant, og lengdi på honom er so
stor som breiddi. Og han mælte byen med røyri: tolv
tusund stadier; lengd og breidd og høgd på honom er
like. **17** Og han mælte muren um honom: eit hundrad
og fire og fyrti alner, etter eit menneskjemål, som og er
engle-mål. **18** Og muren var bygd av jaspis, og byen
var av reint gull, lik reint glas. **19** Og grunnsteinarne
i bymuren var prydde med allslag dyre steinar: den
fyrste grunnsteinen var jaspis, den andre safir, den
tridje kalcedon, den fjorde smaragd, **20** den femte
sardonyx, den sette sarder, den sjuande krysolit, den
åttande beryll, den niande topas, den tiande krysopras,
den ellevte hyacint, den tolvte ametyst. **21** Og dei tolv
portarne var tolv perlor; kvar ein av portarne var av ei
perla, og gata i byen var reint gull som klårt glas. **22**
Og eg såg ikkje noko tempel i honom; for hans tempel
er Herren, Gud den allmegtige, og Lambet. **23** Og byen
treng ikkje soli eller månen til å skina åt seg; for Guds
herlegdom upplyser honom, og Lambet er hans ljos.
**24** Og folki skal ferdast i hans ljos, og kongarne på
jordi ber sin herlegdom til honom. **25** Og hans portar
skal aldri verta stengde um dagen; for natt skal ikkje
vera der. **26** Og dei skal bera herlegdomen og æra
frå folki til honom. **27** Og inkje ureint skal koma inn i

honom, og ingen som fer med styggedom og lygn;
berre dei som er innskrivne i livsens bok hjå Lambet.

**22** Og han viste meg ei elv med livsens vatn, som
rann klår som krystall ut frå kongsstolen åt Gud
og Lambet. **2** Midt imillom bygata og elvi, på båe
sidor, stod livsens tre, som bar tolv gonger frukt og
gav kvar månad si frukt. Og lauvet på treet var til
helsebot for folki. **3** Og ingi bannstøyting skal vera
meir, og kongsstolen åt Gud og Lambet skal vera der,
og hans tenarar skal tena honom. **4** Og dei skal sjå
hans åsyn, og hans namn skal vera på panna deira.
**5** Og natt skal det ikkje vera meir, og dei treng ikkje
til ljos av lampa og ljos av sol, for Gud Herren skal
lysa yver deim; og dei skal råda i all æva. **(aiōn g165)** **6**
Og han sagde til meg: «Desse ord er truverdige og
sanne; og Herren, den Gud som skifter ut sin Ande til
profetarne, hev sendt sin engel til å syna tenarane
sine det som snart skal henda. **7** Sjå, eg kjem snart!
Sæl er den som tek vare på dei profetiske ord i denne
boki.» **8** Og eg, Johannes, er den som såg og høyrde
dette. Og då eg hadde høyrt og set, fall eg ned og
vilde tilbeda for føterne til den engelen som synte
meg dette. **9** Og han segjer til meg: «Sjå til du ikkje
gjer det; for eg er medtenar til deg og brørne dine,
profetarne, og til deim som tek vare på ordi i denne
boki. Tilbed Gud!» **10** Og han segjer til meg: «Du skal
ikkje setja innsigle på dei profetiske ord i denne boki!
for tidi er nær. **11** Lat den som gjer urett gjera urett
framleides, og den ureine verta urein framleides, og
den rettferdige gjera rettferd framleides, og den heilage
verta helga framleides! **12** Sjå, eg kjem snart, og mi løn
er med meg, til å gjeva kvar attergjeld, etter som hans
gjerning er. **13** Eg er A og Å, upphavet og enden, den
fyrste og den siste. **14** Sæle er dei som tvær kjolarne
sine, so dei må få rett til livsens tre og koma inn i
byen gjenom portarne. **15** Men utanfor er hundarne og
trollmennerne og horkararne og manndråparane og
avgudsdyrkarane og kvar som elskar og talar lygn. **16**
Eg, Jesus, hev sendt min engel til å vitna dette for
dykk um kyrkjelydarne. Eg er Davids rotrenning og
ætt, den klåre morgonstjerna. **17** Og Anden og bruri
segjer: «Kom!» Og den som høyrer det, segje: «Kom!»
Og den som er tyrst, han kome, og den som vil, han
take livsens vatn for inkje!» **18** Eg vitnar for kvar som
høyrer dei profetiske ordi i denne boki: Dersom nokon
legg noko til dette, so skal Gud leggja på honom dei
plågor som er skrivne i denne boki. **19** Og dersom
nokon tek noko burt frå ordi i denne profetiske boki, so
skal Gud taka hans lut burt frå livsens tre og frå den
heilage byen som det stend skrive um i denne boki.
**20** Han som vitnar dette, segjer: «Ja, eg kjem snart.»
Amen, ja kom, Herre Jesus! **21** Vår Herre Jesu Kristi
nåde vere med dykk alle! Amen.




*Og eg såg den heilage byen, det nye Jerusalem, stiga ned ifrå himmelen frå Gud, budd som ei brur som er prydd for brudgomen sin. Og eg høyrde ei høg røyst frå kongsstolen, som sagde: «Sjå, Guds bustad er hjå menneski, og han skal bu hjå deim; og dei skal vera hans folk, og Gud sjølv skal vera hjå deim og vera deira Gud.*

Apenbaring 21:2-3

# Guide til Leseren

Norsk Nynorsk at AionianBible.org/Readers-Guide

The Aionian Bible republishes public domain and Creative Common Bible texts that are 100% free to copy and print. The original translation is unaltered and notes are added to help your study. The notes show the location of eleven special Greek and Hebrew Aionian Glossary words to help us better understand God's love for individuals and for all mankind, and the nature of afterlife destinies.

Who has the authority to interpret the Bible and examine the underlying Hebrew and Greek words? That is a good question! We read in 1 John 2:27, *"As for you, the anointing which you received from him remains in you, and you do not need for anyone to teach you. But as his anointing teaches you concerning all things, and is true, and is no lie, and even as it taught you, you remain in him."* Every Christian is qualified to interpret the Bible! Now that does not mean we will all agree. Each of us is still growing in our understanding of the truth. However, it does mean that there is no infallible human or tradition to answer all our questions. Instead the Holy Spirit helps each of us to know the truth and grow closer to God and each other.

The Bible is a library with 66 books in the Protestant Canon. The best way to learn God's word is to read entire books. Read the book of Genesis. Read the book of John. Read the entire Bible library. Topical studies and cross-referencing can be good. However, the safest way to understand context and meaning is to read whole Bible books. Chapter and verse numbers were added for convenience in the 16th century, but unfortunately they can cause the Bible to seem like an encyclopedia. The Aionian Bible is formatted with simple verse numbering, minimal notes, and no cross-referencing in order to encourage the reading of Bible books.

Bible reading must also begin with prayer. Any Christian is qualified to interpret the Bible with God's help. However, this freedom is also a responsibility because without the Holy Spirit we cannot interpret accurately. We read in 1 Corinthians 2:13-14, *"And we speak of these things, not with words taught by human wisdom, but with those taught by the Spirit, comparing spiritual things with spiritual things. Now the natural person does not receive the things of the Spirit of God, for they are foolishness to him, and he cannot understand them, because they are spiritually discerned."* So we cannot understand in our natural self, but we can with God's help through prayer.

The Holy Spirit is the best writer and he uses literary devices such as introductions, conclusions, paragraphs, and metaphors. He also writes various genres including historical narrative, prose, and poetry. So Bible study must spiritually discern and understand literature. Pray, read, observe, interpret, and apply. Finally, *"Do your best to present yourself approved by God, a worker who does not need to be ashamed, properly handling the word of truth."* 2 Timothy 2:15. *"God has granted to us his precious and exceedingly great promises; that through these you may become partakers of the divine nature, having escaped from the corruption that is in the world by lust. Yes, and for this very cause adding on your part all diligence, in your faith supply moral excellence; and in moral excellence, knowledge; and in knowledge, self-control; and in self-control patience; and in patience godliness; and in godliness brotherly affection; and in brotherly affection, love. For if these things are yours and abound, they make you to be not idle nor unfruitful to the knowledge of our Lord Jesus Christ,"* 2 Peter 1:4-8.

# Ordliste

Norsk Nynorsk at AionianBible.org/Glossary

The Aionian Bible un-translates and instead transliterates eleven special words to help us better understand the extent of God's love for individuals and all mankind, and the nature of afterlife destinies. The original translation is unaltered and a note is added to 64 Old Testament and 200 New Testament verses. Compare the meanings below to the Strong's Concordance and Glossary definitions.

### *Abyssos* g12

*Greek:* proper noun, place
*Usage:* 9 times in 3 books, 6 chapters, and 9 verses
*Meaning:*

Temporary prison for special fallen angels such as Apollyon, the Beast, and Satan.

### *aïdios* g126

*Greek:* adjective
*Usage:* 2 times in Romans 1:20 and Jude 6
*Meaning:*

Lasting, enduring forever, eternal.

### *aiōn* g165

*Greek:* noun
*Usage:* 127 times in 22 books, 75 chapters, and 102 verses
*Meaning:*

A lifetime or time period with a beginning and end, an era, an age, the completion of which is beyond human perception, but known only to God the creator of the aiōns, Hebrews 1:2. Never meaning simple endless or infinite chronological time in Greek usage. Read Dr. Heleen Keizer and Ramelli and Konstan for proofs.

### *aiōnios* g166

*Greek:* adjective
*Usage:* 71 times in 19 books, 44 chapters, and 69 verses
*Meaning:*

From start to finish, pertaining to the age, lifetime, entirety, complete, or even consummate. Never meaning simple endless or infinite chronological time in Koine Greek usage. Read Dr. Heleen Keizer and Ramelli and Konstan for proofs.

### *eleēsē* g1653

*Greek:* verb, aorist tense, active voice, subjunctive mood, 3rd person singular
*Usage:* 1 time in this conjugation, Romans 11:32
*Meaning:*

To have pity on, to show mercy. Typically, the subjunctive mood indicates possiblity, not certainty. However, a subjunctive in a purpose clause is a resulting action as certain as the causal action. The subjunctive in a purpose clause functions as an indicative, not an optative. Thus, the grand conclusion of grace theology in Romans 11:32 must be clarified. God's mercy on all is not a possibility, but a certainty. See ntgreek.org.

***Geenna*** g1067
*Greek:* proper noun, place
*Usage:* 12 times in 4 books, 7 chapters, and 12 verses
*Meaning:*
Valley of Hinnom, Jerusalem's trash dump, a place of ruin, destruction, and judgment in this life, or the next, though not eternal to Jesus' audience.

***Hadēs*** g86
*Greek:* proper noun, place
*Usage:* 11 times in 5 books, 9 chapters, and 11 verses
*Meaning:*
Synonomous with Sheol, though in New Testament usage Hades is the temporal place of punishment for deceased unbelieving mankind, distinct from Paradise for deceased believers.

***Limnē Pyr*** g3041 g4442
*Greek:* proper noun, place
*Usage:* Phrase 5 times in the New Testament
*Meaning:*
Lake of Fire, final punishment for those not named in the Book of Life, prepared for the Devil and his angels, Matthew 25:41.

***Sheol*** h7585
*Hebrew:* proper noun, place
*Usage:* 66 times in 17 books, 50 chapters, and 64 verses
*Meaning:*
The grave or temporal afterlife world of both the righteous and unrighteous, believing and unbelieving, until the general resurrection.

***Tartaroō*** g5020
*Greek:* proper noun, place
*Usage:* 1 time in 2 Peter 2:4
*Meaning:*
Temporary prison for particular fallen angels awaiting final judgment.

# Ordliste +

AionianBible.org/Bibles/Norwegian---Norwegian-Student-Bible/Noted

Glossary references are below. Strong's Hebrew and Greek number notes are added to 64 Old Testament and 200 New Testament verses. Questioned verse translations do not contain Aionian Glossary words and may wrongly imply *eternal* or *Hell*. * The note placement is skipped or adjusted for verses with non-standard numbering.

## *Abyssos*

Lukas 8:31
Romerne 10:7
Apenbaring 9:1
Apenbaring 9:2
Apenbaring 9:11
Apenbaring 11:7
Apenbaring 17:8
Apenbaring 20:1
Apenbaring 20:3

## *aïdios*

Romerne 1:20
Judas 1:6

## *aiōn*

Matteus 12:32
Matteus 13:22
Matteus 13:39
Matteus 13:40
Matteus 13:49
Matteus 21:19
Matteus 24:3
Matteus 28:20
Markus 3:29
Markus 4:19
Markus 10:30
Markus 11:14
Lukas 1:33
Lukas 1:55
Lukas 1:70
Lukas 16:8
Lukas 18:30
Lukas 20:34
Lukas 20:35
Johannes 4:14
Johannes 6:51
Johannes 6:58
Johannes 8:35
Johannes 8:51
Johannes 8:52
Johannes 9:32
Johannes 10:28
Johannes 11:26
Johannes 12:34
Johannes 13:8
Johannes 14:16
Apostlenes-gjerninge 3:21
Apostlenes-gjerninge 15:18
Romerne 1:25
Romerne 9:5
Romerne 11:36
Romerne 12:2
Romerne 16:27
1 Korintierne 1:20
1 Korintierne 2:6
1 Korintierne 2:7
1 Korintierne 2:8
1 Korintierne 3:18
1 Korintierne 8:13
1 Korintierne 10:11
2 Korintierne 4:4
2 Korintierne 9:9
2 Korintierne 11:31
Galaterne 1:4
Galaterne 1:5
Efeserne 1:21
Efeserne 2:2
Efeserne 2:7
Efeserne 3:9
Efeserne 3:11
Efeserne 3:21
Efeserne 6:12
Filippenserne 4:20
Kolossenserne 1:26
1 Timoteus 1:17
1 Timoteus 6:17
2 Timoteus 4:10
2 Timoteus 4:18
Titus 2:12
Hebreerne 1:2
Hebreerne 1:8
Hebreerne 5:6
Hebreerne 6:5
Hebreerne 6:20
Hebreerne 7:17
Hebreerne 7:21
Hebreerne 7:24
Hebreerne 7:28
Hebreerne 9:26
Hebreerne 11:3
Hebreerne 13:8
Hebreerne 13:21
1 Peters 1:23
1 Peters 1:25
1 Peters 4:11
1 Peters 5:11
2 Peters 3:18
1 Johannes 2:17
2 Johannes 1:2
Judas 1:13
Judas 1:25
Apenbaring 1:6
Apenbaring 1:18
Apenbaring 4:9
Apenbaring 4:10
Apenbaring 5:13
Apenbaring 7:12
Apenbaring 10:6
Apenbaring 11:15
Apenbaring 14:11
Apenbaring 15:7
Apenbaring 19:3
Apenbaring 20:10
Apenbaring 22:5

## *aiōnios*

Matteus 18:8
Matteus 19:16
Matteus 19:29
Matteus 25:41
Matteus 25:46
Markus 3:29
Markus 10:17
Markus 10:30
Lukas 10:25
Lukas 16:9
Lukas 18:18
Lukas 18:30
Johannes 3:15
Johannes 3:16
Johannes 3:36
Johannes 4:14
Johannes 4:36
Johannes 5:24
Johannes 5:39
Johannes 6:27
Johannes 6:40
Johannes 6:47
Johannes 6:54
Johannes 6:68

Johannes 10:28
Johannes 12:25
Johannes 12:50
Johannes 17:2
Johannes 17:3
Apostlenes-gjerninge 13:46
Apostlenes-gjerninge 13:48
Romerne 2:7
Romerne 5:21
Romerne 6:22
Romerne 6:23
Romerne 16:25
Romerne 16:26
2 Korintierne 4:17
2 Korintierne 4:18
2 Korintierne 5:1
Galaterne 6:8
2 Tessalonikerne 1:9
2 Tessalonikerne 2:16
1 Timoteus 1:16
1 Timoteus 6:12
1 Timoteus 6:16
2 Timoteus 1:9
2 Timoteus 2:10
Titus 1:2
Titus 3:7
Filemon 1:15
Hebreerne 5:9
Hebreerne 6:2
Hebreerne 9:12
Hebreerne 9:14
Hebreerne 9:15
Hebreerne 13:20
1 Peters 5:10
2 Peters 1:11
1 Johannes 1:2
1 Johannes 2:25
1 Johannes 3:15
1 Johannes 5:11
1 Johannes 5:13
1 Johannes 5:20
Judas 1:7
Judas 1:21
Apenbaring 14:6

## *eleēsē*

Romerne 11:32

## *Geenna*

Matteus 5:22
Matteus 5:29
Matteus 5:30
Matteus 10:28
Matteus 18:9
Matteus 23:15
Matteus 23:33
Markus 9:43
Markus 9:45
Markus 9:47
Lukas 12:5
Jakobs 3:6

## *Hadēs*

Matteus 11:23
Matteus 16:18
Lukas 10:15
Lukas 16:23
Apostlenes-gjerninge 2:27
Apostlenes-gjerninge 2:31
1 Korintierne 15:55
Apenbaring 1:18
Apenbaring 6:8
Apenbaring 20:13
Apenbaring 20:14

## *Limnē Pyr*

Apenbaring 19:20
Apenbaring 20:10
Apenbaring 20:14
Apenbaring 20:15
Apenbaring 21:8

## *Sheol*

1 Mosebok 37:35
1 Mosebok 42:38
1 Mosebok 44:29
1 Mosebok 44:31
4 Mosebok 16:30
4 Mosebok 16:33
5 Mosebok 32:22
1 Samuels 2:6
2 Samuel 22:6
1 Kongebok 2:6
1 Kongebok 2:9
Jobs 7:9
Jobs 11:8
Jobs 14:13
Jobs 17:13
Jobs 17:16
Jobs 21:13
Jobs 24:19
Jobs 26:6
Salmenes 6:5
Salmenes 9:17
Salmenes 16:10
Salmenes 18:5
Salmenes 30:3
Salmenes 31:17
Salmenes 49:14
Salmenes 49:15
Salmenes 55:15
Salmenes 86:13
Salmenes 88:3
Salmenes 89:48
Salmenes 116:3
Salmenes 139:8
Salmenes 141:7
Salomos Ordsprog 1:12
Salomos Ordsprog 5:5
Salomos Ordsprog 7:27
Salomos Ordsprog 9:18
Salomos Ordsprog 15:11
Salomos Ordsprog 15:24
Salomos Ordsprog 23:14
Salomos Ordsprog 27:20
Salomos Ordsprog 30:16
Predikerens 9:10
Salomos Høisang 8:6
Esaias 5:14
Esaias 7:11
Esaias 14:9
Esaias 14:11
Esaias 14:15
Esaias 28:15
Esaias 28:18
Esaias 38:10
Esaias 38:18
Esaias 57:9
Esekiel 31:15
Esekiel 31:16
Esekiel 31:17
Esekiel 32:21
Esekiel 32:27
Hoseas 13:14
Amos 9:2
Jonas 2:2
Habakuk 2:5

## *Tartaroō*

2 Peters 2:4

## *Questioned*

2 Peters 2:17




*Ved tru var Abraham lydug då han vart kalla, so han gjekk til den staden han skulde få til arv; og han tok ut, endå han ikkje visste kvar han skulde koma.* - Hebreerne 11:8




*Då Farao hadde gjeve folket lov til å fara, so førde Gud deim ikkje på den vegen som bar til Filistarlandet, endå det var den næmaste. Han tenkte dei kunde koma til å angra seg, når dei møtte ufred, og so fara attende til Egyptarlandet;* - 2 Mosebok 13:17




*For Menneskjesonen er'kje heller komen for å tenast, men for å tena og gjeva sitt liv til løysepening for mange.* - Markus 10:45

*Paulus, Jesu Kristi tenar, kalla til apostel, utkåra til å forkynna Guds evangelium,* - Romerne 1:1

# Creation 4004 B.C.

| | |
|---|---|
| Adam and Eve created | 4004 |
| Tubal-cain forges metal | 3300 |
| Enoch walks with God | 3017 |
| Methuselah dies at age 969 | 2349 |
| God floods the Earth | 2349 |
| Tower of Babel thwarted | 2247 |
| Abraham sojourns to Canaan | 1922 |
| Jacob moves to Egypt | 1706 |
| Moses leads Exodus from Egypt | 1491 |
| Gideon judges Israel | 1245 |
| Ruth embraces the God of Israel | 1168 |
| David installed as King | 1055 |
| King Solomon builds the Temple | 1018 |
| Elijah defeats Baal's prophets | 896 |
| Jonah preaches to Nineveh | 800 |
| Assyrians conquer Israelites | 721 |
| King Josiah reforms Judah | 630 |
| Babylonians capture Judah | 605 |
| Persians conquer Babylonians | 539 |
| Cyrus frees Jews, rebuilds Temple | 537 |
| Nehemiah rebuilds the wall | 454 |
| Malachi prophecies the Messiah | 416 |
| Greeks conquer Persians | 331 |
| Seleucids conquer Greeks | 312 |
| Hebrew Bible translated to Greek | 250 |
| Maccabees defeat Seleucids | 165 |
| Romans subject Judea | 63 |
| Herod the Great rules Judea | 37 |

(The Annals of the World, James Uusher)

# Jesus Christ born 4 B.C.

# New Heavens and Earth

| | |
|---|---|
| | Christ returns for his people |
| 1956 | Jim Elliot martyrd in Ecuador |
| 1830 | John Williams reaches Polynesia |
| 1731 | Zinzendorf leads Moravian mission |
| 1614 | Japanese kill 40,000 Christians |
| 1572 | Jesuits reach Mexico |
| 1517 | Martin Luther leads Reformation |
| 1455 | Gutenberg prints first Bible |
| 1323 | Franciscans reach Sumatra |
| 1276 | Ramon Llull trains missionaries |
| 1100 | Crusades tarnish the church |
| 1054 | The Great Schism |
| 997 | Adalbert marytyrd in Prussia |
| 864 | Bulgarian Prince Boris converts |
| 716 | Boniface reaches Germany |
| 635 | Alopen reaches China |
| 569 | Longinus reaches Alodia / Sudan |
| 432 | Saint Patrick reaches Ireland |
| 397 | Carthage ratifies Bible Canon |
| 341 | Ulfilas reaches Goth / Romania |
| 325 | Niceae proclaims God is Trinity |
| 250 | Denis reaches Paris, France |
| 197 | Tertullian writes Christian literature |
| 70 | Titus destroys the Jewish Temple |
| 61 | Paul imprisoned in Rome, Italy |
| 52 | Thomas reaches Malabar, India |
| 39 | Peter reaches Gentile Cornelius |
| 33 | Holy Spirit empowers the Church |

(Wikipedia, Timeline of Christian missions)

# Resurrected 33 A.D.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **What are we?** | | | Genesis 1:26 - 2:3 | |
| **How are we sinful?** | | | Romans 5:12-19 | |
| **Where are we?** | | | Innocence | |
| | | | Eternity Past | Creation 4004 B.C. |
| **Who are we?** | God | Father | John 10:30<br><br>God's perfect fellowship | Genesis 1:31<br><br>God's perfect fellowship with Adam in The Garden of Eden |
| | | Son | | |
| | | Holy Spirit | | |
| | Mankind | Living | Genesis 1:1<br><br>No Creation<br>No people | |
| | | Deceased believing | | |
| | | Deceased unbelieving | | |
| | Angels | Holy | | Genesis 1:31<br><br>No Fall<br>No unholy Angels |
| | | Imprisoned | | |
| | | Fugitive | | |
| | | First Beast | | |
| | | False Prophet | | |
| | | Satan | | |
| **Why are we?** | | | Romans 11:25-36, Ephesian 2:7 | |

Mankind is created in God's image, male and female He created us

Sin entered the world through Adam and then death through sin

## When are we?

<table>
<tr><td colspan="4">Fallen</td><td>Glory</td></tr>
<tr><td>Fall to sin<br>No Law</td><td>Moses' Law<br>1500 B.C.</td><td>Christ<br>33 A.D.</td><td>Church Age<br>Kingdom Age</td><td>New Heavens<br>and Earth</td></tr>
<tr><td colspan="4">1 Timothy 6:16<br>Living in unapproachable light</td><td rowspan="7">Acts 3:21<br>Philippians 2:11<br>Revelation 20:3<br><br>God's perfectly restored fellowship with all Mankind praising Christ as Lord in the Holy City</td></tr>
<tr><td colspan="2">John 8:58<br>Pre-incarnate</td><td>John 1:14<br>Incarnate</td><td>Luke 23:43<br>Paradise</td></tr>
<tr><td colspan="2">Psalm 139:7<br>Everywhere</td><td colspan="2">John 14:17<br>Living in believers</td></tr>
<tr><td colspan="4">Ephesians 2:1-5<br>Serving the Savior or Satan on Earth</td></tr>
<tr><td colspan="4">Luke 16:22<br>Blessed in Paradise</td></tr>
<tr><td colspan="4">Luke 16:23, Revelation 20:5,13<br>Punished in Hades until the final judgment</td></tr>
<tr><td colspan="4">Hebrews 1:14<br>Serving mankind at God's command</td></tr>
<tr><td colspan="4">2 Peter 2:4, Jude 6<br>Imprisoned in Tartarus</td><td rowspan="4">Matthew 25:41<br>Revelation 20:10<br><br>Lake of Fire prepared for the Devil and his Angels</td></tr>
<tr><td rowspan="3" colspan="3">1 Peter 5:8, Revelation 12:10<br><br>Rebelling against Christ<br>Accusing mankind</td><td>Revelation 20:13<br>Thalaasa</td></tr>
<tr><td>Revelation 19:20<br>Lake of Fire</td></tr>
<tr><td>Revelation 20:2<br>Abyss</td></tr>
</table>

For God has bound all over to disobedience in order to show mercy to all

# Skjebne

Norsk Nynorsk at AionianBible.org/Destiny

The Aionian Bible shows the location of eleven special Greek and Hebrew Aionian Glossary words to help us better understand God's love for individuals and for all mankind, and the nature of after-life destinies. The underlying Hebrew and Greek words typically translated as *Hell* show us that there are not just two after-life destinies, Heaven or Hell. Instead, there are a number of different locations, each with different purposes, different durations, and different inhabitants. Locations include 1) Old Testament *Sheol* and New Testament *Hadēs*, 2) *Geenna*, 3) *Tartaroō*, 4) *Abyssos*, 5) *Limnē Pyr*, 6) *Paradise*, 7) *The New Heaven*, and 8) *The New Earth*. So there is reason to review our conclusions about the destinies of redeemed mankind and fallen angels.

The key observation is that fallen angels will be present at the final judgment, 2 Peter 2:4 and Jude 6. Traditionally, we understand the separation of the Sheep and the Goats at the final judgment to divide believing from unbelieving mankind, Matthew 25:31-46 and Revelation 20:11-15. However, the presence of fallen angels alternatively suggests that Jesus is separating redeemed mankind from the fallen angels. We do know that Jesus is the helper of mankind and not the helper of the Devil, Hebrews 2. We also know that Jesus has atoned for the sins of all mankind, both believer and unbeliever alike, 1 John 2:1-2. Deceased believers are rewarded in Paradise, Luke 23:43, while unbelievers are punished in Hades as the story of Lazarus makes plain, Luke 16:19-31. Yet less commonly known, the punishment of this selfish man and all unbelievers is before the final judgment, is temporal, and is punctuated when Hades is evacuated, Revelation 20:13. So is there hope beyond Hades for unbelieving mankind? Jesus promised, *"the gates of Hades will not prevail,"* Matthew 16:18. Paul asks, *"Hades where is your victory?"* 1 Corinthians 15:55. John wrote, *"Hades gives up,"* Revelation 20:13.

Jesus comforts us saying, *"Do not be afraid,"* because he holds the keys to *unlock* death and Hades, Revelation 1:18. Yet too often our *Good News* sounds like a warning to *"be afraid"* because Jesus holds the keys to *lock* Hades! Wow, we have it backwards! Hades will be evacuated! And to guarrantee hope, once emptied, Hades is thrown into the Lake of Fire, never needed again, Revelation 20:14.

Finally, we read that anyone whose name is not written in the Book of Life is thrown into the Lake of Fire, the second death, with no exit ever mentioned or promised, Revelation 21:1-8. So are those evacuated from Hades then, *"out of the frying pan, into the fire?"* Certainly, the Lake of Fire is the destiny of the Goats. But, do not be afraid. Instead, read the Bible's explicit mention of the purpose of the Lake of Fire and the identity of the Goats, *"Then he will say also to those on the left hand, 'Depart from me, you cursed, into the consummate fire which is prepared for... the devil and his angels,'"* Matthew 25:41. Bad news for the Devil. Good news for all mankind!

Faith is not a pen to write your own name in the Book of Life. Instead, faith is the glasses to see that the love of Christ for all mankind has already written our names in Heaven. *"If the first fruit is holy, so is the lump,"* Romans 11:16. Though unbelievers will suffer regrettable punishment in Hades, redeemed mankind will never enter the Lake of Fire, prepared for the devil and his angels. And as God promised, all mankind will worship Christ together forever, Philippians 2:9-11.




*Gakk då ut, og gjer alle folki til læresveinar, med di de døyper deim til namnet åt Faderen og Sonen og den Heilage Ande,* - Matteus 28:19